



BIBLE

Bibelen

2011 nynorsk

Norsk, Nynorsk Language

## Norsk, Nynorsk - All Bible

Old Testament			
		Nahum	1.776
1. Mosebok	3	Habakkuk	1.780
2. Mosebok	117	Sefanja	1.785
3. Mosebok	213	Haggai	1.790
4. Mosebok	283	Sakarja	1.794
5. Mosebok	379	Malaki	1.813
Josva	459	New Testament	
Dommarane	513	Matteus	1.819
Rut	567	Markus	1.901
1. Samuelsbok	575	Lukas	1.953
2. Samuelsbok	647	Johannes	2.040
1. Kongebok	707	Apostelgjerningane	2.103
2. Kongebok	778	Romarane	2.182
1. Krønikebok	845	1. Korintar	2.215
2. Krønikebok	912	2. Korintar	2.248
Esra	988	Galatarane	2.269
Nehemja	1.010	Efesarane	2.281
Ester	1.042	Filipparane	2.292
Job	1.059	Kolossarane	2.300
Salmane	1.117	1. Tessalonikar	2.308
Ordtaka	1.265	2. Tessalonikar	2.315
Forkynnaren	1.317	1. Timoteus	2.319
Høgsongen	1.335	2. Timoteus	2.328
Jesaja	1.345	Titus	2.335
Jeremia	1.451	Filemon	2.339
Klagesongane	1.571	Hebreatane	2.341
Esekiel	1.586	Jakob	2.365
Daniel	1.693	1. Peter	2.374
Hosea	1.726	2. Peter	2.383
Joel	1.742	1. Johannes	2.389
Amos	1.748	2. Johannes	2.397
Obadja	1.760	3. Johannes	2.399
Jona	1.762	Judas	2.401
Mika	1.767	Johannes' openberring	2.404

## Norsk, Nynorsk - All Bible

### 1. Mosebok

#### 1. Mosebok 1

##### Gud skaper verda

- <sup>1</sup> I opphavet skapte Gud himmelen og jorda.
- <sup>2</sup> Jorda var aud og tom, mørker låg over djupet, og Guds ande svedde over vatnet.
- <sup>3</sup> Då sa Gud: «Det skal bli lys!» Og det vart lys.
- <sup>4</sup> Gud såg at lyset var godt, og Gud skilde lyset frå mørkret.
- <sup>5</sup> Gud kalla lyset dag, og mørkret kalla han natt. Og det vart kveld, og det vart morgon, første dagen.
- <sup>6</sup> Gud sa: «Det skal bli ein kvelv midt i vatnet! Han skal skilja vatn frå vatn.»
- <sup>7</sup> Gud laga himmelkvelven og skilde vatnet som er under kvelven, frå vatnet som er over kvelven. Og slik vart det.
- <sup>8</sup> Gud kalla kvelven himmel. Og det vart kveld, og det vart morgon, andre dagen.
- <sup>9</sup> Gud sa: «Vatnet under himmelen skal samla seg på éin stad! Det tørre landet skal koma til syne.» Og slik vart det.
- <sup>10</sup> Gud kalla det tørre landet jord, og vatnet som hadde samla seg, kalla han hav. Og Gud såg at det var godt.
- <sup>11</sup> Gud sa: «Jorda skal bli grøn! Grøne vekstar skal gro på jorda, planter som set frø, og frukttre som ber frukt med frø i, av alle slag.» Og slik vart det.
- <sup>12</sup> Jorda bar fram grønne vekstar, planter som set frø, av alle slag, og tre som ber frukt med frø i, av alle slag. Og Gud såg at det var godt.
- <sup>13</sup> Og det vart kveld, og det vart morgon, tredje dagen.

**14** Gud sa: «Det skal bli lys på himmelkvelven til å skilja dag frå natt! Dei skal vera teikn for høgtider, dagar og år.

**15** Dei skal vera lys på himmelkvelven og skina over jorda.» Og slik vart det.

**16** Gud laga dei to store lysa, det største lyset til å herska over dagen og det minste til å herska over natta, og stjernene.

**17** Gud sette dei på himmelkvelven til å lysa over jorda,

**18** til å herska over dagen og over natta og til å skilja lyset frå mørkret. Og Gud såg at det var godt.

**19** Og det vart kveld, og det vart morgon, fjerde dagen.

**20** Gud sa: «Det skal kry av liv i vatnet! Fuglar skal flyga over jorda, oppunder himmelkvelven.»

**21** Og Gud skapte dei store sjødyra og kvar levande skapning av alle dei slag som vatnet yrer og kryr av, og alle slag fuglar med venger. Og Gud såg at det var godt.

**22** Gud velsigna dei og sa: «Ver fruktbare og bli mange og fyll vatnet i havet! Og fuglane skal bli mange på jorda.»

**23** Og det vart kveld, og det vart morgon, femte dagen.

**24** Gud sa: «Jorda skal bera fram levande skapningar av alle slag: fe, kryp og villdyr av alle slag!» Og slik vart det.

**25** Gud laga alle slag ville dyr og alle slag fe og kryptet på marka av alle slag. Og Gud såg at det var godt.

**26** Gud sa: «Lat oss laga menneske i vårt bilete, så dei liknar oss! Dei skal råda over fiskane i havet og fuglane under himmelen, over feet og alle villdyra og alt kryp som det kryr av på jorda.»

**27** Og Gud skapte mennesket i sitt bilete, i Guds bilete skapte han det, som mann og kvinne skapte han dei.

<sup>28</sup> Gud velsigna dei og sa til dei: «Ver fruktbare og bli mange, fyll jorda og legg henne under dykk! De skal råda over fiskane i havet og over fuglane under himmelen og over alle dyr som det kryr av på jorda.»

<sup>29</sup> Og Gud sa: «Sjå, eg gjev dykk alle planter som set frø, så mange som finst på heile jorda, og alle tre som ber frukt med frø i. Det skal de ha å eta.

<sup>30</sup> Og til alle dyr på jorda og til alle fuglar under himmelen og til alt som kryp på jorda, alt som har livsande i seg, gjev eg alle grønne planter å eta.» Og slik vart det.

<sup>31</sup> Gud såg på alt det han hadde gjort, og sjå, det var svært godt! Og det vart kveld, og det vart morgon, sjette dagen.

## **1. Mosebok 2**

<sup>1</sup> Så var himmelen og jorda fullførte, med heile sin hær.

<sup>2</sup> Den sjuande dagen fullførte Gud det arbeidet han hadde gjort, og den sjuande dagen kvilte han frå heile det arbeidet han hadde gjort.

<sup>3</sup> Gud velsigna den sjuande dagen og helga han. For den dagen kvilte han frå heile sitt arbeid, det som Gud hadde gjort då han skapte.

### **Mennesket i Edens hage**

<sup>4</sup> Dette er forteljinga om himmelen og jorda då dei var skapte, på den tid Herren Gud hadde laga jorda og himmelen.

<sup>5</sup> Det fanst ikkje ein busk på jorda, og endå hadde inga plante spirt fram på marka. For Herren Gud hadde ikkje late det regna på jorda, og det fanst ingen menneske til å dyrka henne.

<sup>6</sup> Men ei kjelde kom opp av jorda og vatna heile jordoverflata.

<sup>7</sup> Då forma Herren Gud mennesket av støv frå jorda og bles livspust i nasen på det, og mennesket vart ein levande skapning.

<sup>8</sup> Herren Gud planta i gammal tid ein hage i Eden. Der sette han mennesket han hadde forma.

<sup>9</sup>Og Herren Gud lét alle slag tre veksa opp av jorda, forlokkande å sjå på og gode å eta av, og midt i hagen livsens tre og treet til kunnskap om godt og vondt.

<sup>10</sup>Ei elv går ut frå Eden og vatnar hagen. Derifrå deler ho seg i fire greiner.

<sup>11</sup>Den første heiter Pisjon. Det er den som går rundt heile landet Havila, der det finst gull.

<sup>12</sup>Gullet i det landet er godt. Det finst bedolah-kvae og onyks-stein der.

<sup>13</sup>Den andre elva heiter Gihon. Det er den som går rundt heile landet Kusj.

<sup>14</sup>Den tredje elva heiter Hiddekel. Det er den som går austafor Assur. Og den fjerde elva er Euftrat.

<sup>15</sup>Så tok Herren Gud mennesket og sette det i Edens hage til å dyrka og passa han.

<sup>16</sup>Og Herren Gud gav mennesket dette bodet: «Du må gjerne eta av alle trea i hagen.

<sup>17</sup>Men av treet til kunnskap om godt og vondt må du ikkje eta. For den dagen du et av det, skal du døy.»

<sup>18</sup>Då sa Herren Gud: «Det er ikkje godt for mennesket å vera åleine. Eg vil laga ein hjelpar av same slag.»

<sup>19</sup>Og Herren Gud forma alle dyra på marka og alle fuglane under himmelen av jord, og han førte dei til mennesket for å sjå kva det ville kalla dei. Det som mennesket kalla kvar levande skapning, det fekk han til namn.

<sup>20</sup>Mennesket gav namn til alt feet, til fuglane under himmelen og alle villdyra på marka. Men til seg sjølv fann mennesket ingen hjelpar av same slag.

<sup>21</sup>Då lét Herren Gud ein djup søvn koma over mannen. Medan han sov, tok han eit sidebein og fylte att med kjøt.

<sup>22</sup>Av sidebeinet Herren Gud hadde teke frå mannen, bygde han ei kvinne, og han førte henne til mannen.

<sup>23</sup> Då sa mannen: «No er det bein av mine bein og kjøt av mitt kjøt. Ho skal kallast kvinne, for av mannen er ho teken.»

<sup>24</sup> Difor skal mannen skiljast frå far sin og mor si og halda fast ved kvinna si, og dei to skal vera éin kropp.

<sup>25</sup> Begge var nakne, både mannen og kvinna, og dei skamma seg ikkje for kvarandre.

### 1. Mosebok 3

<sup>1</sup> Slangen var listigare enn alle villdyra som Herren Gud hadde laga. Han sa til kvinna: «Har Gud verkeleg sagt at de ikkje skal eta av noko tre i hagen?»

<sup>2</sup> Kvinna sa til slangen: «Vi kan eta av frukta på trea i hagen.

<sup>3</sup> Men om frukta på treet som står midt i hagen, har Gud sagt: Et henne ikkje og rør henne ikkje! Gjer de det, skal de døy.»

<sup>4</sup> Då sa slangen til kvinna: «De skal slett ikkje døy!

<sup>5</sup> Men Gud veit at den dagen de et av frukta, skal auga dykkar opnast; de skal bli som Gud og kjenna godt og vondt.»

<sup>6</sup> No fekk kvinna sjå at treet var godt å eta av og ein fryd for auget – eit tillokkande tre, sidan det kunne gje innsikt. Så ho tok av frukta og åt. Ho gav òg til mannen sin, som var saman med henne, og han åt.

<sup>7</sup> Då vart auga deira opna, og dei skjøna at dei var nakne. Dei fletta saman fikenblad og batt kring livet.

<sup>8</sup> Då hørde dei lyden av Herren Gud som vandra omkring i hagen i den svale kveldsbrisen. Og mannen og kvinna gøymde seg for Herren Gud mellom trea i hagen.

<sup>9</sup> Men Herren Gud ropa på mannen og sa: «Kvar er du?»

<sup>10</sup> Han svara: «Eg hørde lyden av deg i hagen og vart redd fordi eg er naken, og eg gøymde meg.»

**11**Då sa han: «Kven har sagt deg at du er naken? Har du ete av det treet eg forbaud deg å eta av?»

**12**Mannen svara: «Kvinna som du gav meg å vera saman med, ho gav meg av treet, og eg åt.»

**13** Herren Gud spurde kvinna: «Kva er det du har gjort?» Kvinna svara: «Slangen narra meg, og eg åt.»

**14** Då sa Herren Gud til slangen: «Forbanna er du, utstøytt frå alt fe og alle ville dyr fordi du gjorde dette. På buken skal du krypa, og støv skal du eta alle dine levedagar.

**15** Eg vil setja fiendskap mellom deg og kvinna, mellom di ætt og hennar ætt. Han skal råka hovudet ditt, men du skal råka hælen hans.»

**16** Til kvinna sa han: «Tungt vil eg gjera ditt strev når du er med barn, med smerte skal du føda. Etter mannen din skal du trå, og han skal herska over deg.»

**17** Og til mannen sa han: «Fordi du hørde på kvinna og åt av treet som eg forbaud deg å eta av, er jorda forbanna for di skuld. Med strev skal du næra deg av henne alle dine levedagar.

**18**Ho skal la torn og tistel spira fram for deg, og du skal eta det som veks på marka.

**19** Med sveitte i andletet skal du eta ditt brød, heilt til du vender attende til jorda, for av henne er du teken. Støv er du, og til støv skal du venda attende.»

**20** Mannen kalla kvinna Eva, for ho vart mor til alle som lever.

**21**Herren Gud laga klede av skinn til mannen og kvinna og kledde dei.

**22** Herren Gud sa: «Sjå! Mennesket har vorte som ein av oss og kjenner godt og vondt. Berre det no ikkje retter ut handa og tek av livsens tre òg, så det et og lever evig!»

**23** Herren Gud viste mennesket ut frå Edens hage og sette det til å dyrka jorda, som det var teke av.



<sup>24</sup> Han dreiv mennesket ut, og aust for Edens hage sette han kjerubane og det flammande sverdet som blir svinga utan stans. Dei skulle vakta vegen til livsens tre.

## 1. Mosebok 4

### Kain og Abel

<sup>1</sup> Mannen var saman med Eva, kvinna si. Ho vart med barn og fødde Kain. Då sa ho: «Eg har bore fram ein mann ved Herrens hjelp.»

<sup>2</sup> Sidan fødde ho Abel, bror hans. Abel vart sauegjetar, Kain vart jorddyrkar.

<sup>3</sup> Då det hadde gått ei tid, hende det at Kain bar fram eit offer for Herrenav grøda på åkeren.

<sup>4</sup> Abel òg bar fram eit offer, av dei førstefødde dyra frå småfeet og av feittet på dei. Herren såg med velvilje på Abel og offeret hans,

<sup>5</sup> men på Kain og hans offer såg han ikkje med velvilje. Då vart Kain brennande harm og såg ned.

<sup>6</sup> Herren sa til Kain: «Kvifor er du harm, og kvifor ser du ned?

<sup>7</sup> Dersom du vil gjera det gode, kan du sjå opp, men om du ikkje vil det gode, ligg synda klar ved døra. Ho ønskjer makt over deg, men du skal herska over henne.»

<sup>8</sup> Sidan sa Kain til Abel, bror sin: {{{«Lat oss gå ut på marka!»}}} Og medan dei var der ute, gjekk Kain laus på Abel, bror sin, og drap han.

<sup>9</sup> Då sa Herren til Kain: «Kvar er Abel, bror din?» Han svara: «Eg veit ikkje. Er eg vaktar for bror min?»

<sup>10</sup> Då sa Herren: «Kva har du gjort? Blodet til bror din ropar til meg frå jorda!

<sup>11</sup> Forbanna er du! No skal du vera bannlyst frå den jorda som opna munnen og tok imot blodet til bror din frå di hand.

<sup>12</sup> Når du dyrkar åkeren, skal han ikkje meir gje deg av rikdomen sin. Fredlaus og flyktning skal du vera på jorda.»

<sup>13</sup>Då sa Kain til Herren: «Skulda mi er for tung å bera.

<sup>14</sup> Sjø, i dag driv du meg bort frå landet. Eg må gøyma meg for deg. Fredlaus og flyktning blir eg på jorda, og den som finn meg, kan slå meg i hel.»

<sup>15</sup>Men Herren sa til han: «Nei! Slår nokon Kain i hel, skal det hemnast sju gonger.» Og Herren sette eit merke på Kain så ingen som møtte han, skulle drepa han.

<sup>16</sup> Så drog Kain bort frå Herren og busette seg i landet Nod, austafør Eden.

### **Slekta til Kain**

<sup>17</sup>Kain var saman med kvinna si, og ho vart med barn og fødte Henok. Så bygde han ein by og gav han namn etter Henok, son sin.

<sup>18</sup>Henok fekk sonen Irad, og Irad vart far til Mehujael. Mehujael vart far til Metusjael, og Metusjael vart far til Lamek.

<sup>19</sup>Lamek tok seg to koner. Den eine heitte Ada, den andre heitte Silla.

<sup>20</sup>Ada fødte Jabal. Han vart stamfar til dei som bur i telt og held buskap.

<sup>21</sup>Bror hans heitte Jubal. Han vart stamfar til alle dei som spelar på lyre og fløyte.

<sup>22</sup>Silla fødde òg ein son, Tubalkain. Han smidde alle slag reiskapar av bronse og jern. Syster til Tubalkain var Naama.

<sup>23</sup>Lamek sa til konene sine: «Ada og Silla, høyr på meg, Lameks koner, lytt til mine ord: Ein mann drep eg for eit sår, ein gut for ei skramme.

<sup>24</sup> Kain skal hemnast sju gonger, men Lamek syttisju gonger.»

### **Slekta til Set**

<sup>25</sup> Adam var igjen saman med kvinna si, og ho fødte ein son og kalla han Set. «For Gud har gjeve meg eit nytt barn i staden for Abel, sidan Kain drap han.»

<sup>26</sup> Set fekk òg ein son og gav han namnet Enosj. På den tida byrja dei å kalla på Herrens namn.

## **1. Mosebok 5**

### Menneskeslekta før storflaumen

- <sup>1</sup> Dette er boka om Adams slektshistorie. Den dagen Gud skapte mennesket, gjorde han det slik at det likna Gud.
- <sup>2</sup> Som mann og kvinne skapte han dei. Og han velsigna dei og kalla dei menneske den dagen dei vart skapte.
- <sup>3</sup> Då Adam var 130 år, fekk han ein son som likna han og var som hans eige bilete, og han kalla han Set.
- <sup>4</sup> Etter at Adam hadde fått Set, levde han endå 800 år og fekk søner og døtrer.
- <sup>5</sup> Adam levde i 930 samfulle år. Så døydde han.
- <sup>6</sup> Då Set var 105 år, fekk han sonen Enosj.
- <sup>7</sup> Etter at Set hadde fått Enosj, levde han endå 807 år og fekk søner og døtrer.
- <sup>8</sup> Set levde i 912 samfulle år. Så døydde han.
- <sup>9</sup> Då Enosj var 90 år, fekk han sonen Kenan.
- <sup>10</sup> Etter at Enosj hadde fått Kenan, levde han endå 815 år og fekk søner og døtrer.
- <sup>11</sup> Enosj levde i 905 samfulle år. Så døydde han.
- <sup>12</sup> Då Kenan var 70 år, fekk han sonen Mahalalel.
- <sup>13</sup> Etter at Kenan hadde fått Mahalalel, levde han endå 840 år og fekk søner og døtrer.
- <sup>14</sup> Kenan levde i 910 samfulle år. Så døydde han.
- <sup>15</sup> Då Mahalalel var 65 år, fekk han sonen Jared.
- <sup>16</sup> Etter at Mahalalel hadde fått Jared, levde han endå 830 år og fekk søner og døtrer.
- <sup>17</sup> Mahalalel levde i 895 samfulle år. Så døydde han.
- <sup>18</sup> Då Jared var 162 år, fekk han sonen Henok.

<sup>19</sup>Etter at Jared hadde fått Henok, levde han endå 800 år og fekk søner og døtrer.

<sup>20</sup>Jared levde i 962 samfulle år. Så døydde han.

<sup>21</sup>Då Henok var 65 år, fekk han sonen Metusjalah.

<sup>22</sup>Henok vandra med Gud i 300 år etter at han hadde fått Metusjalah, og han fekk søner og døtrer.

<sup>23</sup>Henok levde i 365 samfulle år.

<sup>24</sup> Henok vandra med Gud. Så var han ikkje meir, for Gud tok han til seg.

<sup>25</sup>Då Metusjalah var 187 år, fekk han sonen Lamek.

<sup>26</sup>Etter at Metusjalah hadde fått Lamek, levde han endå 782 år og fekk søner og døtrer.

<sup>27</sup>Metusjalah levde i 969 samfulle år. Så døydde han.

<sup>28</sup>Då Lamek var 182 år, fekk han ein son.

<sup>29</sup> Han kalla han Noah og sa: «Han skal trøysta oss i vårt arbeid og i våre henders strev på den jorda som Herren har forbanna.»

<sup>30</sup>Etter at Lamek hadde fått Noah, levde han endå 595 år og fekk søner og døtrer.

<sup>31</sup>Lamek levde i 777 samfulle år. Så døydde han.

<sup>32</sup>Då Noah var 500 år, fekk han sønene Sem, Ham og Jafet.

## **1. Mosebok 6**

### **Vondskapen aukar på jorda**

<sup>1</sup>No tok menneska til å bli mange på jorda, og dei hadde fått døtrer.

<sup>2</sup>Då såg gudesønene at menneskedøtrene var vakre, og dei tok nokre av dei til koner, dei som dei helst ville ha.

<sup>3</sup> Herren sa: «Min ande skal ikkje for alltid bli verande i menneska, for dei er av kjøt og blod. Levetida deira skal vera 120 år.»

<sup>4</sup>Det var kjemper på jorda i dei dagane, og sidan òg. For gudesønene gjekk inn til menneskedøtrene, som fødde dei born. Dette er dei mektige frå eldgammal tid, dei namngjetne.

<sup>5</sup>Herren såg at vondskapen til menneska var stor på jorda, for alt dei ville og planla i hjartet, var vondt, dagen lang.

<sup>6</sup>Då angra Herren at han hadde laga menneske på jorda, og han var full av sorg i hjartet.

<sup>7</sup>Og Herren sa: «Eg vil utrydda menneska som eg har skapt, frå jorda, alt frå menneska til feet, krypdyra og fuglane under himmelen. For eg angrar at eg har laga dei.»

<sup>8</sup>Men Noah fann nåde for Herrens auge.

### Noahs ark

<sup>9</sup>Dette er slektshistoria til Noah. Noah var ein rettferdig mann, ein heiderleg mann i si tid. Noah vandra med Gud.

<sup>10</sup>Han fekk tre søner: Sem, Ham og Jafet.

<sup>11</sup>Men jorda vart forderva for Guds andlet. Ho vart full av vald.

<sup>12</sup>Gud såg på jorda, og sjå, ho hadde vorte forderva, for alt det som menneska hadde gjort på jorda, førte til øydelegging.

<sup>13</sup>Då sa Gud til Noah: «Eg vil gjera ende på alt kjøt og blod. For jorda har vorte full av vald på grunn av dei, og sjå, eg vil øydeleggja dei saman med jorda.

<sup>14</sup>Lag deg ei ark av gofetre. Du skal laga fleire små rom i arka og tjørebre henne innvendig og utvendig.

<sup>15</sup>Slik skal du byggja arka: Ho skal vera 300 alner lang, 50 alner brei og 30 alner høg.

<sup>16</sup>Du skal laga ei opning for dagslyset og avslutta opninga ei alen frå toppen av arka. Du skal setja døra til arka på den eine sida og så laga eit nedre, eit andre og eit tredje dekk.

<sup>17</sup> No vil eg la storflaumen koma over jorda og utrydda alt kjøt og blod, alt som det er livsande i under himmelen. Alt som er på jorda, skal omkoma.

<sup>18</sup> Men med deg vil eg oppretta ei pakt. Du skal gå inn i arka, du og sønene dine og kona di og svigerdøtrene med deg.

<sup>19</sup> Av alt levande, alt kjøt og blod, skal du føra to av kvart slag inn i arka, så dei bergar livet saman med deg. Hann og ho skal dei vera.

<sup>20</sup> Av alle slag fuglar og alt slag fe og alle slag kryp på marka skal to av kvart slag koma inn til deg, så dei kan berga livet.

<sup>21</sup> Du skal ta noko av alt som er etande, og samla det hos deg. Det skal du og dei andre ha å eta.»

<sup>22</sup> Og Noah gjorde dette. Han gjorde alt det som Gud hadde pålagt han.

## 1. Mosebok 7

### Storflaumen

<sup>1</sup> Herren sa til Noah: «Gå inn i arka, du og heile huslyden din! For du er den einaste eg i denne tid har sett som er rettferdig for meg.

<sup>2</sup> Av alle reine dyr skal du ta med deg sju par, hann og ho saman, og av alle dyr som ikkje er reine, eitt par, hann og ho saman,

<sup>3</sup> og like eins av fuglane under himmelen, sju par, hann og ho, for å halda kvar art på heile jorda i live.

<sup>4</sup> For om sju dagar vil eg la det regna på jorda i førti dagar og førti netter og utrydda frå jorda alt som finst, alt eg har laga.»

<sup>5</sup> Og Noah gjorde alt som Herren hadde pålagt han.

<sup>6</sup> Noah var 600 år då storflaumen kom over jorda.

<sup>7</sup> Så gjekk Noah inn i arka saman med sønene sine, kona og svigerdøtrene, for å koma unna vatnet frå storflaumen.

<sup>8</sup> Av dei reine dyra og av dei som ikkje var reine, av fuglane og av alt som kryp på marka,

- <sup>9</sup>kom to og to inn til Noah i arka, hann og ho, slik Gud hadde pålagt Noah.
- <sup>10</sup>Og etter sju dagar hende det. Då kom vatnet frå storflaumen over jorda.
- <sup>11</sup>I det året då Noah fylte 600 år, den syttande dagen i den andre månaden, braut alle kjelder i det store djupet fram, og himmelslusene opna seg.
- <sup>12</sup>Og det regna over jorda i førti dagar og førti netter.
- <sup>13</sup>Nett på denne dagen gjekk Noah og sønene Sem, Ham og Jafet inn i arka saman med kona til Noah og dei tre svigerdøtrene hans,
- <sup>14</sup>både dei og alle slag ville dyr, alt slag fe, alle slag kryp som det kryr av på jorda, og alle slag fuglar, alt som har venger til å flyga med.
- <sup>15</sup>Dei kom inn til Noah i arka, to og to av alt som er av kjøt og blod, alt som har livsande i seg.
- <sup>16</sup>Dei som kom, hann og ho av alt som er av kjøt og blod, gjekk inn slik Gud hadde pålagt Noah. Og Herren lèt att etter han.
- <sup>17</sup>Då kom storflaumen over jorda i førti dagar. Vatnet steig og lyfte arka, så ho flaut opp frå jorda.
- <sup>18</sup>Vatnet fløynde og steig høgt over jorda, og arka dreiv omkring på vatnet.
- <sup>19</sup>Veldig og mektig fløynde vatnet over jorda og gøymde alle høge fjell under himmelen.
- <sup>20</sup>Femten alner steig vatnet over fjella, og fjella vart gøymde.
- <sup>21</sup>Då omkom alt liv som det krydde av på jorda, både fugl og fe og ville dyr og alt myldrande kryp på jorda, og alle menneska.
- <sup>22</sup>Alt som hadde livspust i nasen, alt som levde på landjorda, døyde.
- <sup>23</sup>Han utsletta alt som fanst på jorda, frå folk til fe, kryp og fuglar under himmelen, alt vart utsletta frå jorda. Berre Noah og dei som var med han i arka, vart att.
- <sup>24</sup>Og vatnet fløynde over jorda i 150 dagar.

## 1. Mosebok 8

- <sup>1</sup>Men Gud kom i hug Noah og alle villdyra og alt feet som var med han i arka. Gud lét ein vind blåsa over jorda, og vatnet tok til å siga.
- <sup>2</sup>Kjeldene i djupet og slusene i himmelen vart stengde, regnet frå himmelen stansa,
- <sup>3</sup>og vatnet drog seg bort frå jorda litt etter litt. Då 150 dagar var lidne, byrja vatnet å minka.
- <sup>4</sup>Den syttande dagen i den sjuande månaden vart arka ståande på Ararat-fjella.
- <sup>5</sup>Og vatnet minka meir og meir heilt til den tiande månaden. Den første dagen i den tiande månaden kom fjelltoppane til syne.
- <sup>6</sup>Då førti dagar var lidne, opna Noah luka han hadde laga på arka,
- <sup>7</sup>og sleppte ut rammen. Han flaug att og fram til vatnet hadde tørka bort frå jorda.
- <sup>8</sup>Så sende han ut dua for å sjå om det hadde vorte mindre vatn på jordoverflata.
- <sup>9</sup>Men dua fann ingen stad der ho kunne kvila foten sin, og vende attende til han i arka, for det stod vatn over heile jorda. Han rette ut handa, greip dua og tok henne inn til seg i arka.
- <sup>10</sup>Han venta sju dagar til og sende så dua ut att frå arka.
- <sup>11</sup>Då det leid mot kveld, kom dua til han. Og sjå, ho hadde eit grønt oljeblad i nebbet. Då skjøna Noah at det hadde vorte mindre vatn på jorda.
- <sup>12</sup>Og han venta endå sju dagar. Så sende han ut dua, og då kom ho ikkje att til han meir.
- <sup>13</sup>I det året Noah fylte 601 år, den første dagen i den første månaden, hadde vatnet tørka bort frå jorda. Då tok Noah taket av arka og såg ut. Og sjå, jordoverflata hadde tørka opp.
- <sup>14</sup>Den tjuesjuande dagen i den andre månaden var jorda tørr.



<sup>15</sup>Og Gud tala til Noah:

<sup>16</sup>«Gå ut av arka, du og kona di og sønene dine og svigerdøtrene dine med deg!

<sup>17</sup> Alle dyra som er hos deg, alt som lever, både fugl og fe og alt kryp som det kryr av på jorda, skal du ta med deg. Det skal myldra av dei på jorda, og dei skal vera fruktbare og bli mange.»

<sup>18</sup>Så gjekk Noah ut saman med sønene sine og kona si og svigerdøtrene sine.

<sup>19</sup>Og alle ville dyr og alt fe og alle fuglar og alt kryp som det kryr av på jorda, art etter art, gjekk ut av arka.

<sup>20</sup> Noah bygde eit altar for Herren, og han tok nokre reine dyr og nokre reine fuglar og ofra brennoffer på altaret.

<sup>21</sup> Og Herren kjende den gode angen. Då sa Herren i sitt hjarte: «Eg vil aldri meir forbanna jorda for mennesket skuld, sjølv om menneskehjartet vil det vonde frå ungdomen av. Aldri meir vil eg drepa alt som lever, slik eg no har gjort.

<sup>22</sup>Så lenge jorda står, skal såtid og innhausting, kulde og hete, sommar og vinter, dag og natt aldri ta slutt.»

## 1. Mosebok 9

### Guds pakt med Noah

<sup>1</sup> Gud velsigna Noah og sønene hans og sa til dei: «Ver fruktbare, bli mange og fyll jorda!

<sup>2</sup>Over alle dyra på jorda og alle fuglane under himmelen, over alt som rører seg på marka og alle fiskane i havet, skal det koma frykt og redsle for dykk. Dei er gjevne i dykkar hender.

<sup>3</sup>Alt som lever og rører seg, skal no vera mat for dykk. Som eg gav dykk dei grønne plantene, gjev eg dykk no alt dette.

<sup>4</sup>Men kjøt som har liv i seg, det vil seia blod, skal de ikkje eta.

<sup>5</sup>For dykkar eige blod og liv vil eg krevja dykk til rekneskap. Eg vil krevja kvart dyr til rekneskap, og eg vil krevja kvart menneske til rekneskap for livet til eit medmenneske.

<sup>6</sup>Den som auser ut menneskeblod, ved menneske skal hans blod bli aust ut, for Gud laga mennesket i sitt bilete.

<sup>7</sup>Men de skal vera fruktbare og bli mange, myldra på jorda og bli mange der!»

<sup>8</sup>Så sa Gud til Noah og sønene hans:

<sup>9</sup>«No vil eg oppretta mi pakt med dykk og etterkomarane dykkar

<sup>10</sup>og med kvar levande skapning hos dykk, både fuglar og fe og alle ville dyr som er hos dykk, alle som gjekk ut av arka, alle dyr på jorda.

<sup>11</sup> Eg opprettar mi pakt med dykk: Aldri meir skal det henda at alt kjøt og blod blir utrydda av vatnet frå storflaumen. Aldri meir skal det koma ein storflaum for å leggja jorda i øyde.»

<sup>12</sup>Og Gud sa: «Dette teiknet set eg for pakta mellom meg og dykk og kvar levande skapning som er hos dykk i komande slekter til alle tider:

<sup>13</sup>Eg set bogen min i skyene, han skal vera eit teikn på pakta mellom meg og jorda.

<sup>14</sup>Når eg samlar skyer over jorda og bogen syner seg i skyene,

<sup>15</sup>då vil eg koma i hug pakta mellom meg og dykk og kvar levande skapning, alt kjøt og blod. Aldri meir skal vatnet bli til ein storflaum som øydelegg alt kjøt og blod.

<sup>16</sup>Når bogen syner seg i skyene, vil eg sjå han og koma i hug den evige pakta mellom Gud og kvar levande skapning, alt kjøt og blod på jorda.»

<sup>17</sup>Gud sa til Noah: «Dette er teiknet på den pakta eg opprettar mellom meg og alt kjøt og blod på jorda.»

### **Noah og sønene hans**

<sup>18</sup>Sønene til Noah som gjekk ut av arka, var Sem, Ham og Jafet. Ham var far til Kanaan.

<sup>19</sup>Desse tre var sønene til Noah, og frå dei breidde menneska seg ut over heile jorda.

<sup>20</sup>Noah tok til å dyrka jorda, og han planta ei vinmark.

<sup>21</sup>Då han drakk av vinen, vart han full og kledde av seg inne i teltet sitt.

<sup>22</sup>Ham, far til Kanaan, fekk sjå far sin naken, og han fortalde det til dei to brørne sine, som var ute.

<sup>23</sup>Då tok Sem og Jafet ei kappe og la henne over akslene sine. Så gjekk dei baklengs inn og dekte til den nakne far sin. Dei vende andletet bort så dei ikkje såg faren naken.

<sup>24</sup>Då Noah vakna av rusen og fekk vita kva den yngste sonen hadde gjort mot han,

<sup>25</sup>sa han: «Forbanna er Kanaan! For brørne sine skal han vera den lågaste av slavar!»

<sup>26</sup>Og han sa: «Velsigna er Herren, Sems Gud! Kanaan skal vera hans slave!

<sup>27</sup> Måtte Gud gjera plass for Jafet. Han skal bu i Sems telt, og Kanaan skal vera hans slave.»

<sup>28</sup>Etter storflaumen levde Noah endå 350 år.

<sup>29</sup>Heile Noahs levetid vart 950 samfulle år. Så døydde han.

## 1. Mosebok 10

### Folkeslaga på jorda

<sup>1</sup> Dette er slektshistoria til Noahs søner, Sem, Ham og Jafet. Dei fekk søner etter storflaumen.

<sup>2</sup> Sønene til Jafet var Gomer, Magog, Madai, Javan, Tubal, Mesjek og Tiras.

<sup>3</sup> Sønene til Gomer var Asjkenas, Rifat og Togarma.

<sup>4</sup> Sønene til Javan var Elisja, Tarsis, Kittim og Rodanim.

<sup>5</sup> Frå dei har folkeslaga på fjerne kystar breidd seg ut i sine land, kvart med sitt språk, slekt for slekt, folkeslag etter folkeslag.

- <sup>6</sup>Sønene til Ham var Kusj, Misrajim, Put og Kanaan.
- <sup>7</sup>Kusj hadde sønene Seba, Havila, Sabta, Rama og Sabteka. Sønene til Rama var Saba og Dedan.
- <sup>8</sup>Kusj vart far til Nimrod. Han var den første som vart mektig på jorda.
- <sup>9</sup>Han vart ein veldig jeger for Herrens andlet. Difor heiter det: «Som Nimrod, ein veldig jeger for Herrens andlet.»
- <sup>10</sup>Først omfatta kongedømet hans Babel, Erek, Akkad og Kalne i landet Sinear.
- <sup>11</sup>Frå dette landet drog han til Assur og bygde Ninive, Rehobot-Ir og Kalah
- <sup>12</sup>og Resen mellom Ninive og Kalah, det er den store byen.
- <sup>13</sup>Misrajim vart far til ludarane, anamarane, lehabarane, naftuharane,
- <sup>14</sup>patrusarane og kasluharane, dei som filistrane har kome frå, og kaftorarane.
- <sup>15</sup>Kanaan vart far til Sidon, den førstefødde, og til Het,
- <sup>16</sup>og dessutan til jebusittane, amorittane og girgasjittane,
- <sup>17</sup>hevittane, arkittane, sinittane,
- <sup>18</sup>arvadittane, semarittane og hamatittane. Sidan spreidde kanaanearslektene seg vidare utover.
- <sup>19</sup>Landområdet til kanaanearene strekte seg frå Sidon til Gaza, når ein tek leia bort imot Gerar, og til Lesja, når ein tek leia bort imot Sodoma, Gomorra, Adma og Sebojim.
- <sup>20</sup>Dette var Hams etterkomarar, slekt for slekt og språk for språk, land etter land og folkeslag etter folkeslag.
- <sup>21</sup>Sem, eldste bror til Jafet, fekk òg born. Han vart stamfar til alle Ebersønene.
- <sup>22</sup>Sønene til Sem var Elam, Assur, Arpaksjad, Lud og Aram.
- <sup>23</sup>Sønene til Aram var Us, Hul, Geter og Masj.

<sup>24</sup>Arpaksjad vart far til Sjelah, og Sjelah vart far til Eber.

<sup>25</sup>Eber fekk to søner. Den eine heitte Peleg, for i hans dagar vart jorda delt opp. Bror hans heitte Joktan.

<sup>26</sup>Joktan vart far til Almodad, Sjelef, Hasarmavet, Jerah,

<sup>27</sup>Hadoram, Usal, Dikla,

<sup>28</sup>Obal, Abimael, Saba,

<sup>29</sup>Ofir, Havila og Jobab. Alle desse var sønene til Joktan.

<sup>30</sup>Dei hadde bustadene sine frå Mesja bort imot Sefar, i fjella mot aust.

<sup>31</sup>Dette var Sems etterkomarar, slekt for slekt og språk for språk, land etter land, folkeslag for folkeslag.

<sup>32</sup>Og dette var slektene etter sønene til Noah, slektshistorie for slektshistorie, folkeslag etter folkeslag. Frå dei har folkeslaga breidd seg ut over jorda etter storflaumen.

## 1. Mosebok 11

### Tårnet i Babel

<sup>1</sup>Heile verda hadde same språk og same ord.

<sup>2</sup>Då dei braut opp frå aust, fann dei ein brei dal i landet Sinear og slo seg ned der.

<sup>3</sup>Dei sa til kvarandre: «Kom, så lagar vi teglstein og brenner dei harde!» Dei brukte tegl til byggjestein og jordbek til å fuga med.

<sup>4</sup>«Kom», sa dei, «lat oss byggja ein by og eit tårn som når opp til himmelen, og skaffa oss eit namn så vi ikkje blir spreidde ut over heile jorda!»

<sup>5</sup>Då steig Herren ned for å sjå på byen og tårnet som menneska bygde.

<sup>6</sup>Herren sa: «Sjå, dei er eitt folk, og eitt språk har dei alle. Og dette er det første dei gjer! No vil ingen ting vera umogleg for dei, same kva dei set seg føre.

<sup>7</sup>Kom, lat oss stiga ned og forvirra språket deira så den eine ikkje skjønar den andre!»

<sup>8</sup>Så spreidde Herren dei derifrå ut over heile jorda, og dei heldt opp med å byggja på byen.

<sup>9</sup>Difor kalla dei han Babel, for der forvirra Herren språket for heile jorda. Og derifrå spreidde Herren dei ut over heile jorda.

### **Slekta til Sem**

<sup>10</sup> Dette er slektshistoria til Sem. Då Sem var 100 år, fekk han sonen Arpaksjad, to år etter storflaumen.

<sup>11</sup>Og etter at han hadde fått Arpaksjad, levde Sem endå 500 år og fekk søner og døtrer.

<sup>12</sup> Då Arpaksjad var 35 år, fekk han sonen Sjelah.

<sup>13</sup>Og etter at han hadde fått Sjelah, levde Arpaksjad endå 403 år og fekk søner og døtrer.

<sup>14</sup>Då Sjelah var 30 år, fekk han sonen Eber.

<sup>15</sup>Og etter at han hadde fått Eber, levde Sjelah endå 403 år og fekk søner og døtrer.

<sup>16</sup>Då Eber var 34 år, fekk han sonen Peleg.

<sup>17</sup>Og etter at han hadde fått Peleg, levde Eber endå 430 år og fekk søner og døtrer.

<sup>18</sup>Då Peleg var 30 år, fekk han sonen Re'u.

<sup>19</sup>Og etter at han hadde fått Re'u, levde Peleg endå 209 år og fekk søner og døtrer.

<sup>20</sup>Då Re'u var 32 år, fekk han sonen Serug.

<sup>21</sup>Og etter at han hadde fått Serug, levde Re'u endå 207 år og fekk søner og døtrer.

<sup>22</sup>Då Serug var 30 år, fekk han sonen Nahor.

<sup>23</sup>Og etter at han hadde fått Nahor, levde Serug endå 200 år og fekk søner og døtrer.

<sup>24</sup>Då Nahor var 29 år, fekk han sonen Tarah.

<sup>25</sup>Og etter at han hadde fått Tarah, levde Nahor endå 119 år og fekk søner og døtrer.

<sup>26</sup> Då Tarah var 70 år, fekk han sønene Abram, Nahor og Haran.

### **Tarahs slekt**

<sup>27</sup>Dette er slektshistoria til Tarah. Tarah fekk sønene Abram, Nahor og Haran. Og Haran fekk sonen Lot.

<sup>28</sup> Haran døydde hos Tarah, far sin, i fedrelandet sitt, Ur i Kaldea.

<sup>29</sup> Abram og Nahor tok seg koner. Kona til Abram heitte Sarai. Kona til Nahor heitte Milka og var dotter til Haran, far til Milka og Jiska.

<sup>30</sup> Sarai var barnlaus, ho kunne ikkje få born.

<sup>31</sup> Tarah tok med seg sonen Abram og sonesonen Lot, son til Haran, og svigerdottera Sarai, kona til son hans, Abram. Saman forlét dei Ur i Kaldea for å dra til landet Kanaan. Men då dei kom til Harran, slo dei seg ned der.

<sup>32</sup>Tarah levde i 205 år. Så døydde Tarah i Harran.

## **1. Mosebok 12**

### **Gud kallar og velsignar Abram**

<sup>1</sup> Herren sa til Abram: «Dra bort frå landet ditt og frå slekta di og frå farshuset ditt til det landet som eg skal syna deg!

<sup>2</sup> Eg vil gjera deg til eit stort folk. Eg vil velsigna deg og gjera namnet ditt stort. Du skal bli til velsigning.

<sup>3</sup> Eg vil velsigna dei som velsignar deg, men den som forbannar deg, skal eg forbanna. I deg skal alle slekter på jorda velsignast.»

<sup>4</sup>Så tok Abram ut, som Herren hadde sagt han, og Lot drog med han. Abram var 75 år gammal då han braut opp frå Harran.

<sup>5</sup>Og Abram tok med seg Sarai, kona si, og Lot, brorson sin, og alle eidedelane dei hadde samla seg, og folka dei hadde skaffa seg i Harran. Dei braut opp for å dra til landet Kanaan. Då dei kom til Kanaan,

<sup>6</sup>drog Abram gjennom landet heilt til den heilage staden Sikem, til More-eika. Den gongen budde kanaanearane i landet.

<sup>7</sup>Herren synt seg for Abram og sa: «Eg vil gje dette landet til di ætt.» Og der bygde Abram eit altar for Herren, som hadde synt seg for han.

<sup>8</sup>Derifrå flytte han opp i fjellandet aust for Betel og slo opp teltet sitt mellom Betel i vest og Ai i aust. Der bygde han eit altar for Herren og kalla på Herrens namn.

<sup>9</sup>Sidan braut Abram opp og drog frå stad til stad mot Negev.

### **Abram og Sarai i Egypt**

<sup>10</sup>Det var hungersnaud i landet. Då drog Abram ned til Egypt for å bu der som innflyttar, for nauda var stor i landet.

<sup>11</sup>Då han nærma seg Egypt, sa han til kona si, Sarai: «Høyr på meg: Eg veit at du er ei vakker kvinne.

<sup>12</sup>Når egyptarane får sjå deg, kjem dei til å seia: Dette er kona hans. Så slår dei meg i hel og lét deg leva.

<sup>13</sup>Kan du ikkje seia at du er syster mi? Så går det meg godt for di skuld, og eg får leva takka vere deg!»

<sup>14</sup>Då Abram kom til Egypt, såg egyptarane at kvinna var overlag vakker.

<sup>15</sup>Og stormennene til farao fekk sjå henne og lét vel om henne for han. Så vart kvinna henta til faraos hus.

<sup>16</sup>Og farao gjorde godt mot Abram for hennar skuld. Han fekk småfe, storfe og esel, slavar og slavekvinner, eselhopper og kamelar.

<sup>17</sup>Men Herren lét svære plager råka farao og huset hans på grunn av Sarai, kona til Abram.



<sup>18</sup>Då kalla farao Abram til seg og sa: «Kva er det du har gjort mot meg? Kvifor fortalde du meg ikkje at ho er kona di?

<sup>19</sup>Kvifor sa du at ho er syster di, så eg tok henne til kone? Sjå, her har du kona di! Ta henne og gå!»

<sup>20</sup>Farao sette nokre menn til å senda han bort saman med kona hans og alt han eigde.

## **1. Mosebok 13**

<sup>1</sup>Så drog Abram opp frå Egypt til Negev med kona si og alt det han eigde. Og Lot var med han.

<sup>2</sup>Abram var svært rik på buskap og på sølv og gull.

### **Abram og Lot**

<sup>3</sup>Han drog frå stad til stad, frå Negev og heilt til Betel, til den staden der han før hadde hatt teltet sitt, mellom Betel og Ai,

<sup>4</sup>til staden der han hadde reist eit altar første gongen. Der kalla Abram på Herrens namn.

<sup>5</sup>Også Lot, som drog saman med Abram, hadde småfe og storfe og telt.

<sup>6</sup>Men landet kunne ikkje fø dei når dei budde saman. For dei eigde så mykje at dei ikkje kunne bu saman.

<sup>7</sup>Så vart det strid mellom dei som gjette buskapen til Abram, og dei som gjette buskapen til Lot. Den gongen budde kanaaneane og perisittane i landet.

<sup>8</sup>Då sa Abram til Lot: «Det kan då ikkje vera strid mellom meg og deg og mellom mine gjetarar og dine! Vi er då slektningar.

<sup>9</sup>Ligg ikkje heile landet ope framfor deg? Skil heller lag med meg! Tek du til venstre, dreg eg til høgre, og tek du til høgre, dreg eg til venstre.»

<sup>10</sup> Lot lyfte auga og såg at heile Jordan-sletta var rik på vatn. Heilt til Soar var ho som Herrens hage, som landet Egypt. Dette var før Herren hadde lagt Sodoma og Gomorra i øyde.

<sup>11</sup>Så valde Lot seg heile Jordan-sletta og tok ut mot aust. Slik skildest dei frå kvarandre.

<sup>12</sup>Abram busette seg i landet Kanaan, medan Lot busette seg i byane på sletta og flytte med telta sine heilt til Sodoma.

<sup>13</sup> Menneska i Sodoma var vonde og synda grovt mot Herren.

<sup>14</sup>Herren sa til Abram etter at Lot hadde skilt lag med han: «Lyft auga og sjå deg omkring frå den staden der du står, mot nord og sør, mot aust og vest!

<sup>15</sup> For heile det landet du ser, vil eg gje deg og di ætt for alltid.

<sup>16</sup> Eg lèt ætta di bli som støvet på jorda. Kan nokon telja støvet på jorda, skal di ætt òg kunna teljast.

<sup>17</sup>Stå opp og dra gjennom landet på langs og på tvers! For det er deg eg vil gje det til.»

<sup>18</sup> Sidan flytte Abram omkring med telta sine. Han kom til Mamres eikelund ved Hebron. Der slo han seg ned og bygde eit altar for Herren.

## 1. Mosebok 14

### Abram vinn over fire kongar

<sup>1</sup>I dei dagane då Amrafel var konge i Sinear, Arjok konge i Ellasar, Kedor-Laomer konge i Elam og Tidal konge over Gojim,

<sup>2</sup>førte dei krig mot Bera, kongen i Sodoma, Birsja, kongen i Gomorra, Sjinab, kongen i Adma, Sjemeber, kongen i Sebojim, og mot kongen i Bela, det som no er Soar.

<sup>3</sup> Alle desse slo seg saman og drog til Siddim-dalen, det som no er Saltsjøen.

<sup>4</sup>I tolv år hadde dei tent Kedor-Laomer, men i det trettande året gjorde dei opprør.

<sup>5</sup>I det fjortande året kom Kedor-Laomer og dei kongane som var med han, og dei slo refaittane ved Asjterot-Karnajim, susittane ved Ham, emittane på Kirjatajim-sletta

<sup>6</sup>og horittane i Se'ir-fjella heilt til El-Paran, som ligg like ved ørkenen.

<sup>7</sup>Så snudde dei og kom til Domskjelda, det som no er Kadesj. Dei la under seg heile området til amalekittane. Dei slo òg amorittane som budde i Haseson-Tamar.

<sup>8</sup>Kongen i Sodoma drog ut saman med kongen i Gomorra, kongen i Adma, kongen i Sebojim og kongen i Bela, det som no er Soar. Og dei stilte opp til strid mot dei i Siddim-dalen,

<sup>9</sup>mot Kedor-Laomer, kongen i Elam, Tidal, kongen over Gojim, Amrafel, kongen i Sinear, og Arjok, kongen i Ellasar – fire kongar mot fem.

<sup>10</sup>Men i Siddim-dalen var det fullt av jordbekgruver, og då kongane i Sodoma og Gomorra måtte rømme, fall dei ned i gruvene. Dei som var att, rømde til fjells.

<sup>11</sup>Dei fire kongane tok alt av eigedom og matvarer i Sodoma og Gomorra og drog bort.

<sup>12</sup>Og dei tok Lot, brorson til Abram, og alt det han eigde, og drog bort. Han budde i Sodoma.

<sup>13</sup>Då kom ein som hadde sloppe unna, og fortalde dette til hebrearen Abram. Han heldt til ved eikelunden til amoritten Mamre, bror til Esjkol og Aner. Dei hadde ei pakt med Abram.

<sup>14</sup> Då Abram fekk høyra at slektningen hans var teken til fange, mønstra han sine våpenføre menn, 318 menn fødde i hans hus, og sette etter heilt til Dan.

<sup>15</sup>Om natta delte dei seg, han og mennene hans. Dei slo dei og forfølgde dei heilt til Hoba, som ligg nord for Damaskus.

<sup>16</sup>Så tok han heile byttet med seg tilbake. Også Lot, slektningen sin, og alt han eigde, tok han tilbake, saman med kvinnene og folket.

### **Melkisedek velsignar Abram**

<sup>17</sup> Etter at han hadde slege Kedor-Laomer og dei kongane som var med han, vende Abram attende. Då drog kongen i Sodoma ut for å møte han i Slettedalen, det som no er Kongsdalen.

<sup>18</sup> Og Melkisedek, kongen i Salem, kom ut med brød og vin. Han var prest for Gud, Den høgste.

<sup>19</sup> Han velsigna han og sa: «Velsigna er Abram av Gud, Den høgste, han som bar fram himmel og jord!

<sup>20</sup> Velsigna er Gud, Den høgste, som har gjeve motstandarane dine i di hand!» Så gav Abram han tiend av alt.

<sup>21</sup> Kongen i Sodoma sa til Abram: «Gjev meg folket, og ta du byttet!»

<sup>22</sup> Men Abram sa til kongen i Sodoma: «Eg lyfter handa opp mot Herren, mot Gud, Den høgste, han som bar fram himmel og jord:

<sup>23</sup> Ikkje så mykje som ein tråd eller ei sandalreim vil eg ta av alt som er ditt. Du skal ikkje kunna seia: Eg har gjort Abram rik.

<sup>24</sup> Eg vil berre ha att for det dei unge mennene har ete. Og mennene som var med meg, Aner, Esjkol og Mamre, må få sin del.»

## **1. Mosebok 15**

### **Herren gjer pakt med Abram**

<sup>1</sup> Etter at dette hadde hendt, kom Herrens ord til Abram i eit syn: «Ver ikkje redd, Abram! Eg er ditt skjold. Løna di skal bli stor!»

<sup>2</sup> Men Abram svara: «Herre, min Gud, kva vil du gje meg? For barnlaus går eg bort, og Elieser frå Damaskus er arving til huset mitt.»

<sup>3</sup> Og Abram sa: «Du har ikkje gjeve meg etterkomarar. Sjå, ein av husfolket mitt skal arva meg.»

<sup>4</sup> Då kom Herrens ord til han: «Han skal ikkje arva deg, men ein av ditt eige kjøt og blod skal arva deg.»

<sup>5</sup> Så førte han Abram ut og sa til han: «Sjå opp mot himmelen og tel stjernene, om du kan telja dei!» Og han sa: «Så talrik skal ætta di bli.»

- <sup>6</sup> Abram trudde Herren, og det vart rekna han til rettferd.
- <sup>7</sup> Og han sa til han: «Eg er Herren, som førte deg ut frå Ur i Kaldea for å gje deg dette landet i arv.»
- <sup>8</sup> Abram sa: «Herre, min Gud, korleis kan eg vita at eg skal få det i arv?»
- <sup>9</sup> Då svara han: «Hent meg ei treårs kvige, ei treårs geit og ein treårs vêr, ei turteldue og ein dueunge.»
- <sup>10</sup> Abram henta alt dette til han, skar dyra i to og la delane rett mot kvarandre. Men fuglane skar han ikkje i to.
- <sup>11</sup> Rovfuglar slo ned på skrottane, men Abram dreiv dei bort.
- <sup>12</sup> Då sola heldt på å gå ned, fall ein djup søvn over Abram. Og sjå, redsle og eit stort mørker fall over han.
- <sup>13</sup> Og Gud sa til Abram: «Dette skal du vita: Ætta di skal bu som innflyttarar i eit land som ikkje er deira. Dei skal vera slavar og bli plaga av folket der i fire hundre år.
- <sup>14</sup> Men det folket dei må slava for, vil eg òg dømma, og sidan skal dei dra ut med stort bytte.
- <sup>15</sup> Sjølv skal du gå til fedrane dine i fred, i høg alder skal du bli gravlagd.
- <sup>16</sup> I det fjerde slektsleddet skal dei koma tilbake hit. For syndeskulda til amorittane har enno ikkje fylt sitt mål.»
- <sup>17</sup> Sola gjekk ned, og det vart mørkt. Og sjå, ein rykande omn kom til syne, og ein flammande fakkell fór mellom kjøtstykkane.
- <sup>18</sup> Den dagen gjorde Herren ei pakt med Abram og sa: «Di ætt gjev eg dette landet, frå Egyptarelva heilt til Storelva, Eufrat,
- <sup>19</sup> landet til kenittane, kenisittane og kadmonittane,
- <sup>20</sup> hetittane, perisittane og refaittane,
- <sup>21</sup> amorittane, kanaanearane, girgasjittane og jebusittane.»

## 1. Mosebok 16



## Hagar og Ismael

<sup>1</sup>Kona til Abram, Sarai, fødde han ingen born. Men ho hadde ei egyptisk slavekvinne som heitte Hagar.

<sup>2</sup>Sarai sa til Abram: «Høyr på meg:Herren har hindra meg i å føda born. Gå no inn til slavekvinna mi! Kanskje får eg ein son ved henne.» Og Abram hørde på det Sarai sa.

<sup>3</sup>Kona til Abram, Sarai, tok då den egyptiske slavekvinna si, Hagar, og gav henne til kone for Abram, mannen sin. Abram hadde då budd ti år i landet Kanaan.

<sup>4</sup>Han gjekk inn til Hagar, og ho vart med barn. Men då ho oppdaga at ho var med barn, såg ho ned på husfrua si.

<sup>5</sup>Då sa Sarai til Abram: «Det er di skuld at eg blir krenkt! Eg gav slavekvinna mi i din famn, men då ho oppdaga at ho var med barn, såg ho ned på meg. Herrenskal dømma mellom meg og deg!»

<sup>6</sup>Abram sa til Sarai: «Sjå, slavekvinna er i di hand. Gjer kva du vil med henne.» Og Sarai audmjuka henne, så ho rømde frå henne.

<sup>7</sup>Herrens engel fann henne ved ei vasskjelde i ørkenen, ved kjelda på vegen til Sjur.

<sup>8</sup>Han sa: «Hagar, Sarais slavekvinne, kvar kjem du frå, og kvar skal du av?» Ho svara: «Eg rømmer frå Sarai, husfrua mi.»

<sup>9</sup>OgHerrens engel sa til henne: «Vend attende til husfrua di og lat deg audmjuka under hennar hand!»

<sup>10</sup>Herrens engel sa: «Stor vil eg gjera ætta di, så stor at ingen kan telja henne.»

<sup>11</sup>Så sa Herrens engel til henne: «Sjå, du er med barn og skal føda ein son. Han skal du kalla Ismael, for Herren har høyrte at du vart audmjuka.

<sup>12</sup>Han skal bli eit villesel av eit menneske. Handa hans skal vera vend mot alle og alle hender mot han. Rett imot alle slektningane sine skal han slå seg ned.»

<sup>13</sup> Då sette ho dette namnet på Herren som hadde tala til henne: «Du er ein gud som ser meg.» For ho sa: «Har eg her verkeleg sett han som ser meg?»

<sup>14</sup> Difor blir brønnen kalla Lahai-Ro'i-brønnen. Han ligg mellom Kadesj og Bered.

<sup>15</sup> Så fødde Hagar ein son til Abram. Og Abram gav sonen som Hagar fødde, namnet Ismael.

<sup>16</sup> Abram var 86 år gammal då Hagar fødde Ismael til han.

## 1. Mosebok 17

### Pakta og pakteiknet

<sup>1</sup> Då Abram var 99 år gammal, synte Herren seg for han og sa: «Eg er Gud, Den veldige. Lev for mitt andlet, ver heil i di ferd!

<sup>2</sup> Eg vil gjera ei pakt mellom meg og deg og gjera deg umåteleg stor.»

<sup>3</sup> Då kasta Abram seg ned med andletet mot jorda, og Gud sa til han:

<sup>4</sup> «Sjå, dette er mi pakt med deg: Du skal bli far til ei mengd folkeslag.

<sup>5</sup> Du skal ikkje lenger heita Abram, men Abraham skal namnet ditt vera; for eg gjer deg til far for mange folkeslag.

<sup>6</sup> Eg vil gjera deg svært fruktbar, ja, gjera deg til mange folkeslag. Kongar skal gå ut frå deg.

<sup>7</sup> Eg vil oppretta mi pakt mellom meg og deg og etterkomarane dine frå slekt til slekt, ei evig pakt: Eg vil vera Gud for deg og etterkomarane dine.

<sup>8</sup> Landet du bur i som innflyttar, heile Kanaan, vil eg gje deg og etterkomarane dine i eige til evig tid. Og eg vil vera deira Gud.»

<sup>9</sup> Så sa Gud til Abraham: «Du skal halda pakta mi, både du og etterkomarane dine, frå slekt til slekt.

<sup>10</sup> Dette er pakta de skal halda, pakta mellom meg og dykk og etterkomarane dine: Alt av hannkjønn hos dykk skal omskjerast.

<sup>11</sup> De skal la forhuda bli omskoren, og det skal vera teiknet på pakta mellom meg og dykk.

<sup>12</sup> Kvart gutebarn hos dykk skal omskjerast når det er åtte dagar gammalt, i slekt etter slekt, både dei som er fødde i huset, og dei som er kjøpte for pengar hos framande, slike som ikkje er av di ætt.

<sup>13</sup> Både dei som er fødde i huset, og dei du har kjøpt for pengar, skal omskjerast. Såleis skal pakta mi vera ei evig pakt på kroppen dykkar.

<sup>14</sup> Men ein uomskoren, ein av hannkjønn som ikkje har fått forhuda omskoren, ein slik skal støytast ut frå folket sitt, for han har brote mi pakt.»

<sup>15</sup> Og Gud sa til Abraham: «Sarai, kona di, skal du ikkje lenger kalla Sarai. Sara skal ho heita.

<sup>16</sup> Eg vil velsigna henne og gje deg ein son også med henne. Eg vil velsigna henne, og ho skal bli til folkeslag. Kongar over mange folk skal koma frå henne.»

<sup>17</sup> Då kasta Abraham seg til jorda og lo. Han sa til seg sjølv: «Kan ein som er hundre år gammal, få barn? Og kan Sara føda, ho som er nitti år gammal?»

<sup>18</sup> Og Abraham sa til Gud: «Måtte Ismael få leva for ditt andlet!»

<sup>19</sup> Då sa Gud: «Sanneleg, Sara, kona di, skal føda deg ein son, og du skal kalla han Isak. Eg vil oppretta mi pakt med han, ei evig pakt for etterkomarane hans.

<sup>20</sup> Eg har høyrte di bøn for Ismael. Sjå, eg vil velsigna han og gjera han fruktbar og overmåte talrik. Tolv hovdingar skal han bli far til, og eg vil gjera han til eit stort folkeslag.

<sup>21</sup> Men pakta mi vil eg oppretta med Isak, som Sara skal føda deg neste år på denne tida.»

<sup>22</sup> Så var Gud ferdig med å tala med han, og han steig opp frå Abraham.



<sup>23</sup>Same dagen tok Abraham Ismael, son sin, og alle av hannkjønn i huset sitt, både dei som var fødde i huset, og dei som var kjøpte for pengar, og skar av forhuda på dei, slik som Gud hadde sagt til han.

<sup>24</sup>Abraham var 99 år gammal då forhuda hans vart omskoren.

<sup>25</sup>Og Ismael, son hans, var 13 år gammal då han vart omskoren.

<sup>26</sup>Same dagen vart dei omskorne, både Abraham og Ismael, son hans.

<sup>27</sup>Og alle mennene i huset hans, både dei som var fødde i huset, og dei som var kjøpte hos framande, vart omskorne saman med han.

## 1. Mosebok 18

### Herren gjestar Abraham

<sup>1</sup>Herren synte seg for Abraham i eikelunden i Mamre ein gong han sat i teltopninga då dagen var på det varmaste.

<sup>2</sup>Han såg opp og fekk auge på tre menn som stod framfor han. Då han såg dei, sprang han til møtes med dei frå teltopninga, bøygde seg til jorda

<sup>3</sup>og sa: «Herre, dersom eg har funne nåde for auga dine, så gå ikkje forbi tenaren din!

<sup>4</sup>Lat meg henta litt vatn, så de kan vaska føtene og kvila dykk her under treet!

<sup>5</sup>Og lat meg henta litt mat, så de kan styrkja dykk før de dreg vidare, sidan de no har lagt vegen forbi tenaren dykkar.» Dei svara: «Ja, gjer som du seier!»

<sup>6</sup>Då skunda Abraham seg inn i teltet til Sara og sa: «Skund deg og kna tre sea fint mjøl og bak brødleivar!»

<sup>7</sup>Sjølv sprang han bort til storfeet og henta ein fin og god kalv. Den gav han til tenesteguten, som skunda seg og laga han til.

<sup>8</sup>Så tok han rømme og mjølk og den kalven som guten hadde gjort i stand, og sette det fram for dei. Og han vart ståande hos dei under treet medan dei åt.

<sup>9</sup>Då sa dei til han: «Kvar er Sara, kona di?» Abraham svara: «Der inne i teltet.»

<sup>10</sup> Han sa: «Eg kjem tilbake til deg når tida er inne, og då skal Sara, kona di, ha ein son.» Sara hørde det i teltopninga, som var rett bak han.

<sup>11</sup> Abraham og Sara var gamle, langt oppi åra, og Sara hadde det ikkje lenger på kvinners vis.

<sup>12</sup> Difor lo Sara med seg sjølv: «Skulle eg kjenna lyst, utsliten som eg er? Og herren min er òg gammal.»

<sup>13</sup>Då sa Herren til Abraham: «Kvifor ler Sara og seier: Skulle eg verkeleg kunna føda, gammal som eg er?

<sup>14</sup> Er noko umogleg for Herren? Eg kjem tilbake til deg når tida er inne, og då skal Sara ha ein son.»

<sup>15</sup>Sara nekta: «Eg lo ikkje.» For ho var redd. Men han svara: «Jau, du lo.»

### **Abraham bed for Sodoma og Gomorra**

<sup>16</sup>Mennene braut opp og vende blikket mot Sodoma. Abraham gjekk med for å sjå dei vel av stad.

<sup>17</sup>Då tenkte Herren: «Skulle eg løyna for Abraham det eg vil gjera?

<sup>18</sup> Abraham skal då bli til eit stort og mektig folk, og i han skal alle folkeslag på jorda velsignast.

<sup>19</sup>Eg har valt han ut for at han skal by sønene og etterkomarane sine å halda seg til Herrensveg og gjera det som er rett og rettferdig. Då kan Herren gje Abraham det han har lova han.»

<sup>20</sup> Og Herren sa: «Høgt er klageropet over Sodoma og Gomorra, for synda der er svært stor.

<sup>21</sup>Klageropet har nådd meg. No vil eg stiga ned og sjå om dei verkeleg har handla så ille, og har dei ikkje det, vil eg vita det.»

<sup>22</sup>Så gjekk mennene derifrå, dei tok vegen mot Sodoma. Men Abraham vart ståande framfor Herrens andlet.

<sup>23</sup>Abraham gjekk nærare og sa: «Vil du verkeleg riva bort dei rettferdige saman med dei urettferdige?

<sup>24</sup>Kva om det finst femti rettferdige i byen? Vil du likevel riva dei bort? Vil du ikkje bera over med staden på grunn av dei femti rettferdige som bur der?

<sup>25</sup> Det liknar ikkje deg å gjera noko slikt, å la rettferdige døy saman med urettferdige! Skal det gå den rettferdige på same måten som den urettferdige? Det liknar ikkje deg! Skulle ikkje dommaren over heile jorda gjera det som rett er?»

<sup>26</sup>Då sa Herren: «Finn eg femti rettferdige i Sodoma, skal eg bera over med heile staden for deira skuld.»

<sup>27</sup>Til det svara Abraham: «Sjå, eg har våga meg til å tala til Herren, eg som er støv og oske.

<sup>28</sup>Kva om det manglar fem på dei femti rettferdige? Vil du øydeleggja heile byen på grunn av desse fem?» Han svara: «Dersom eg finn førtifem, skal eg ikkje øydeleggja han.»

<sup>29</sup>Abraham heldt fram med å tala til han. «Kva om det finst førti der?» sa han. Han svara: «For skuld dei førti skal eg ikkje gjera det.»

<sup>30</sup>Då sa Abraham: «Herren må ikkje bli harm om eg talar! Kva om det finst tretti der?» Han svara: «Dersom eg finn tretti, skal eg ikkje gjera det.»

<sup>31</sup>Abraham sa: «Sjå, eg har våga meg til å tala til Herren. Kva om det finst tjue der?» Han svara: «For skuld dei tjue skal eg ikkje øydeleggja han.»

<sup>32</sup>Då sa Abraham: «Herre, bli ikkje harm om eg talar ein einaste gong til! Kva om det finst ti der?» Han svara: «For skuld dei ti skal eg ikkje øydeleggja han.»

<sup>33</sup>Då Herren var ferdig med å tala til Abraham, gjekk han. Og Abraham gjekk heim att.

## 1. Mosebok 19

### Sodoma og Gomorra blir øydelagde

<sup>1</sup> Dei to englane kom til Sodoma om kvelden medan Lot sat i byporten. Då Lot fekk sjå dei, reiste han seg og gjekk til møtes med dei, bøygde andletet mot jorda

<sup>2</sup>og sa: «Høyr, mine herrar! Ta inn i huset til tenaren dykkar for natta. Der kan de vaska føtene, og i morgon kan de stå tidleg opp og dra vidare.» Dei svara: «Nei, vi overnattar ute på torget.»

<sup>3</sup>Men han bad dei så inntrengjande at dei vart med han. Og då dei kom inn i huset, laga han til eit festmåltid for dei. Han baka usyra brød, og dei åt.

<sup>4</sup>Men før dei hadde lagt seg, kom alle mennene i Sodoma, både unge og gamle, frå alle kantar av byen og omringa huset.

<sup>5</sup> Dei ropa på Lot og sa til han: «Kvar er dei mennene som kom til deg i natt? Før dei ut til oss! Vi vil ha viljen vår med dei!»

<sup>6</sup>Då gjekk Lot ut til dei i døropninga, stengde døra etter seg

<sup>7</sup>og sa: «Brør, gjer ikkje slik ei ugjerning!

<sup>8</sup>Høyr no! Eg har to døtrer som ikkje har vore saman med nokon mann. Lat meg føra dei ut til dykk, så kan de gjera med dei som de vil. Men desse mennene må de ikkje gjera noko, for dei har funne ly under mitt tak.»

<sup>9</sup>Men dei ropa: «Flytt deg!» Og dei heldt fram: «Her kjem ein innflyttar for å bu hos oss, og så vil han gjera seg til dommar! No skal vi gjera verre ugjerningar mot deg enn mot dei.» Dei trengde seg hardt inn på mannen Lot og heldt på å slå inn døra.

<sup>10</sup>Då rette dei to mennene ut handa, tok Lot inn til seg i huset og stengde døra.

<sup>11</sup>Med eit slag blinda dei mennene utanfor huset, både små og store. Dei streva til inga nytte med å finna døra.

<sup>12</sup>Då sa mennene til Lot: «Har du elles nokon her, ein svigerson, søner eller døtrer eller andre som høyrer deg til i byen, så ta dei bort herifrå.

**13** For no skal vi øydeleggja denne staden. Klageropet for Herrensandlet har vorte så stort at han har sendt oss for å øydeleggja byen.»

**14**Då gjekk Lot ut og tala med svigersønene sine, dei som skulle ha døtrene hans. «Skund dykk bort frå denne staden», sa han, «for no vil Herrenøydeleggja byen!» Men svigersønene trudde at han heldt dei for narr.

**15** Då det grydde av dag, skunda englane på Lot og sa: «Dra av stad! Ta med deg kona di og dei to døtrene dine som er her, så du ikkje blir riven bort når byen blir straffa!»

**16**Men då han nølte, tok mennene han og kona hans og dei to døtrene i handa, for Herren hadde omsorg for han. Dei førte han bort og sette han trygt utanfor byen.

**17**Då dei hadde ført dei ut, sa ein av mennene: «Røm for livet! Sjå deg ikkje tilbake, og stans ikkje nokon stad på sletta. Røm til fjells, elles blir du riven bort.»

**18**Men Lot svara dei: «Å nei, herre!

**19**Sjå, tenaren din har funne nåde for dine auge. Du har vore svært god og berga livet mitt. Men eg kan ikkje rømme til fjells. For då kunne ulukka ramma meg så eg måtte døy.

**20**Sjå, den byen der ligg så nær at eg kan rømme dit, og han er så liten. Lat meg få rømme dit så eg kan berga livet! Byen er då så liten.»

**21**Då sa han: «Ja, eg gjer som du vil i dette òg. Den byen du nemner, skal eg ikkje øydeleggja.

**22** Skund deg, røm dit! For eg kan ikkje gjera noko før du er komen dit.» – Difor heiter byen Soar.

**23**Då sola rann over landet, kom Lot fram til Soar.

**24** Då lét Herrendet regna svovel og eld over Sodoma og Gomorra – ned frå Herren, frå himmelen.

<sup>25</sup>Han øydela desse byane, heile sletta, alle som budde i byane, og alt som voks på marka.

<sup>26</sup> Men kona til Lot såg seg tilbake. Då vart ho til ei saltstøtte.

<sup>27</sup>Tidleg om morgonen skunda Abraham seg til den staden der han hadde stått framfor Herrens andlet.

<sup>28</sup>Då han såg ut over Sodoma og Gomorra og heile slettelandet, fekk han sjå at det steig røyk opp frå landet, som røyken frå ein smelteomn.

<sup>29</sup>Den gongen då Gud gjorde ende på byane på sletta, kom han Abraham i hug. Gud henta Lot rett ut frå øydeleggingane som han sende over dei byane Lot hadde budd i.

### **Døtrene til Lot**

<sup>30</sup>Lot drog opp frå Soar og busette seg i fjellandet saman med dei to døtrene sine, for han var redd for å bu i Soar. Han budde i ei høle, han og dei to døtrene.

<sup>31</sup>Den eldste dottera sa til den yngste: «Far vår er gammal, og det finst ikkje ein mann her i landet som kan gå inn til oss på vanleg måte.

<sup>32</sup> Kom, lat oss skjenkja far vår vin og liggja med han, så vi kan halda liv i ætta til far!»

<sup>33</sup>Og dei skjenkte vin til far sin same natta, og den eldste gjekk inn og låg med far sin. Han merka ikkje at ho la seg, og ikkje at ho stod opp.

<sup>34</sup>Dagen etter sa den eldste til den yngste: «Høyr no, i natt låg eg med far. Lat oss skjenkja han vin i natt òg. Så går du inn og ligg med han, så vi kan halda liv i ætta etter far vår.»

<sup>35</sup>Også den natta skjenkte dei far sin vin, og den yngste gjekk inn og låg med han. Han merka ikkje at ho la seg, og ikkje at ho stod opp.

<sup>36</sup>No skulle begge døtrene til Lot ha barn med far sin.

<sup>37</sup> Den eldste fødde ein son og kalla han Moab. Han er stamfar til moabittane, som finst den dag i dag.

<sup>38</sup> Også den yngste fødde ein son og gav han namnet Ben-Ammi. Han er stamfar til ammonittane, som finst den dag i dag.

## 1. Mosebok 20

### Abraham og Sara i Gerar

<sup>1</sup> Abraham drog vidare derifrå til Negev og slo seg ned mellom Kadesj og Sjur. Sidan budde han som innflyttar i Gerar.

<sup>2</sup> Abraham sa om kona si, Sara: «Ho er syster mi.» Då sende Abimelek, kongen i Gerar, bod og henta Sara.

<sup>3</sup> Men Gud kom til Abimelek i ein draum om natta og sa til han: «No skal du døy på grunn av kvinna du har teke, for ho er kona til ein annan mann.»

<sup>4</sup> Men Abimelek hadde ikkje vore nær henne, og han svara: «Herre, vil du verkeleg drepa rettferdige folk?»

<sup>5</sup> Han sa då til meg: Ho er syster mi. Og sjølv har ho òg sagt: Han er bror min. I god tru og med reine hender har eg gjort dette.»

<sup>6</sup> Då sa Gud til han i draumen: «Eg òg veit at du har gjort dette i god tru. Det er eg som har halde deg frå å synda mot meg. Difor lét eg deg ikkje røra henne.

<sup>7</sup> Lat no mannen få att kona si, for han er ein profet. Han kan be for deg, så du får leva. Men gjer du det ikkje, skal du vita at du må døy, både du og alle dine.»

<sup>8</sup> Tidleg neste morgon stod Abimelek opp og kalla til seg alle tenarane sine og fortalde dei alt dette. Då vart mennene svært redde.

<sup>9</sup> Så kalla Abimelek Abraham til seg og sa til han: «Kva har du gjort mot oss? Og korleis har eg synda mot deg, sidan du har late så stor ei synd koma over meg og riket mitt? Du har gjort slik mot meg som ingen bør gjera.»

<sup>10</sup> Og Abimelek sa til Abraham: «Kva meinte du med å gjera dette?»

<sup>11</sup> Abraham svara: «Eg tenkte: På denne staden finst det inga gudsfrykt. Dei kjem til å drepa meg på grunn av kona mi.

<sup>12</sup>Dessutan er det sant at ho er syster mi. Ho er dotter til far min, men ikkje til mor mi, og ho vart kona mi.

<sup>13</sup>Den gongen Gud lét meg dra omkring langt borte frå huset til far min, sa eg til henne: Slik skal du visa din kjærleik til meg: Kvar vi kjem, skal du seia at eg er bror din.»

<sup>14</sup>Så tok Abimelek både småfe og storfe og tenarar og tenestekvinner og gav Abraham, og lét han få att Sara, kona si.

<sup>15</sup>Og Abimelek sa: «Her ligg landet mitt ope framfor deg. Slå deg ned kvar du vil!»

<sup>16</sup>Til Sara sa han: «Sjå, her gjev eg tusen sjekel sølv til bror din. Dette skal vera som eit slør for auga til alle som er saman med deg. Med det får du full oppreising.»

<sup>17</sup>Abraham bad til Gud, og Gud lækte Abimelek og kona hans og slavekvinnene hans, så dei kunne få barn.

<sup>18</sup>For Herren hadde stengt kvart morsliv i huset til Abimelek på grunn av Sara, kona til Abraham.

## **1. Mosebok 21**

### **Isak blir fødd**

<sup>1</sup>Herren tok seg av Sara slik han hadde sagt. Det han hadde lova, gjorde Herren for Sara.

<sup>2</sup>Sara vart med barn og fødde ein son til Abraham på hans gamle dagar, ved den tid Gud hadde sagt han.

<sup>3</sup>Abraham kalla den nyfødde son sin, som Sara hadde fødd han, for Isak.

<sup>4</sup>Og Abraham omskar Isak, son sin, då han var åtte dagar gammal, slik Gud hadde pålagt han.

<sup>5</sup>Abraham var hundre år gammal då han fekk Isak, son sin.

<sup>6</sup>Då sa Sara: «Gud har fått meg til å le. Og alle som høyrer dette, kjem til å le med meg.»



<sup>7</sup>Og ho sa: «Kven skulle vel sagt til Abraham at Sara skulle få barn å amma! Og så har eg fødd han ein son på hans gamle dagar.»

### **Hagar og Ismael**

<sup>8</sup>Barnet voks opp og vart avvand. Abraham heldt eit stort festmåltid den dagen Isak vart avvand.

<sup>9</sup> Men Sara såg at sonen som Hagar frå Egypt hadde fødd til Abraham, leika og lo.

<sup>10</sup> Då sa ho til Abraham: «Driv bort denne slavekvinna og son hennar! For son til denne slavekvinna skal ikkje arva saman med Isak, son min.»

<sup>11</sup> Abraham tok dette svært tungt, for det gjaldt son hans.

<sup>12</sup> Men Gud sa til Abraham: «Ikkje ta det så tungt, dette med guten og tenestekvinna. Du skal høyra på alt det Sara seier til deg. For gjennom Isak skal du få ei ætt som skal kallast di.

<sup>13</sup> Men sonen til slavekvinna vil eg òg gjera til eit folkeslag, for han er ditt barn.»

<sup>14</sup> Morgonen etter stod Abraham tidleg opp, tok brød og ein skinnsekk med vatn og la det på akslene til Hagar, og sende henne og barnet frå seg. Ho villa seg bort i ørkenen ved Beer-Sjeba.

<sup>15</sup> Då vatnet i skinnsekken tok slutt, la ho barnet frå seg under ein av buskane.

<sup>16</sup> Så gjekk ho og sette seg om lag eit bogeskot lenger borte. For ho tenkte: «Eg kan ikkje sjå på at barnet døyr.» Medan ho sat der, tok ho til å gråta høgt.

<sup>17</sup> Gud hørde røysta til guten. Og Guds engel ropa til Hagar frå himmelen og sa: «Kva er det med deg, Hagar? Ver ikkje redd! For Gud har høyrte røysta til guten der han ligg.

<sup>18</sup> Reis deg, hjelp guten opp og hald han fast i handa! For eg vil gjera han til eit stort folkeslag.»

<sup>19</sup> Så opna Gud auga hennar, og ho fekk sjå ein brønn med vatn. Ho gjekk og fylte skinnsekken med vatn og lét guten drikka.

<sup>20</sup>Gud var med guten, og han voks til. Han budde i ørkenen og vart bogeskyttar.

<sup>21</sup> Han budde i Paran-ørkenen, og mor hans skaffa han ei kone frå Egypt.

### **Abraham gjer pakt med Abimelek**

<sup>22</sup> På den tida sa Abimelek og Pikol, hærføraren hans, til Abraham: «Gud er med deg i alt du gjer.

<sup>23</sup> Sver no ved Gud at du ikkje vil handla svikeyfullt mot meg eller mot borna og etterkomarane mine! Som eg har vore god mot deg, skal du vera god mot meg og det landet du har fått bu i som innflyttar.»

<sup>24</sup> Abraham svara: «Ja, eg sver.»

<sup>25</sup> Abraham kom med klagemål mot Abimelek på grunn av ein brønn som tenarane til Abimelek hadde teke.

<sup>26</sup> Men Abimelek sa: «Eg veit ikkje kven som har gjort dette. Du har ikkje fortalt meg om det, og eg har heller ikkje høyrte om det før i dag.»

<sup>27</sup> Då tok Abraham småfe og storfe og gav Abimelek, og dei gjorde ei pakt med kvarandre.

<sup>28</sup> Men Abraham sette sju holam for seg sjølve.

<sup>29</sup> Då sa Abimelek til han: «Kvifor har du sett desse sju lamma for seg sjølve?»

<sup>30</sup> Han svara: «Desse sju lamma skal du ta imot av meg som vitnemål om at eg har grave denne brønnen.»

<sup>31</sup> Difor vart staden kalla Beer-Sjeba; for der svor dei begge ein eid.

<sup>32</sup> Slik gjorde dei ei pakt i Beer-Sjeba. Så tok dei ut, Abimelek og Pikol, hærføraren hans, og dei drog tilbake til filistarlandet.

<sup>33</sup> Abraham planta ein tamarisk i Beer-Sjeba, og der kalla han på namnet til Herren, Den evige Gud.

<sup>34</sup> Og Abraham vart buande lenge som innflyttar i filistarlandet.

## **1. Mosebok 22**

## Gud set Abraham på prøve

- <sup>1</sup>Ei tid etter at dette hadde hendt, sette Gud Abraham på prøve. Han sa til han: «Abraham!» Og han svara: «Ja, her er eg.»
- <sup>2</sup>Då sa han: «Ta son din, den einaste, Isak, han som du elsker, og dra til landet Moria! Der skal du ofra han som brennoffer på eit av fjella, det som eg seier deg.»
- <sup>3</sup>Tidleg neste morgon stod Abraham opp, leste på eselet sitt og tok med seg to av tenestegutane sine og Isak, son sin. Han kløyvde ved til brennofferet, og så gav han seg i veg til den staden Gud hadde sagt.
- <sup>4</sup>Tredje dagen såg Abraham opp og fekk auge på staden i det fjerne.
- <sup>5</sup>Då sa Abraham til tenestegutane: «Ver her med eselet. Eg og guten vil gå bort dit og tilbe, og så kjem vi tilbake til dykk.»
- <sup>6</sup>Abraham tok offerveden og la han på Isak, son sin. Sjølv tok han elden og kniven i handa, og så gjekk dei saman, dei to.
- <sup>7</sup>Då sa Isak til Abraham, far sin: «Du far!» Og han svara: «Ja, son min.» Han sa: «Sjå, her er elden og veden, men kvar er brennofferlammet?»
- <sup>8</sup>Abraham svara: «Gud vil sjølv sjå seg ut eit brennofferlam, son min.» Og så gjekk dei saman, dei to.
- <sup>9</sup>Då dei kom til den staden Gud hadde sagt, bygde Abraham eit altar der og la veden til rette. Så batt han Isak, son sin, og la han på altaret, oppå veden.
- <sup>10</sup>Og Abraham rette ut handa og tok kniven for å slakta son sin.
- <sup>11</sup>Men Herrens engel ropa til han frå himmelen og sa: «Abraham, Abraham!» Og han svara: «Ja, her er eg!»
- <sup>12</sup>Han sa: «Legg ikkje hand på guten og gjer han ikkje noko! For no veit eg at du fryktar Gud, sidan du ikkje sparte din einaste son for meg.»
- <sup>13</sup>Då Abraham såg opp, fekk han auge på ein vêr som hang fast etter horna i eit kratt rett bak han. Abraham gjekk bort, tok vêren og ofra han som brennoffer i staden for son sin.

<sup>14</sup>Abraham kalla den staden «Herren ser». Den dag i dag seier dei: «På fjellet der Herren lèt seg sjå.»

<sup>15</sup>Då ropa Herrens engel til Abraham frå himmelen for andre gong

<sup>16</sup>og sa: «Eg sver ved meg sjølv, seier Herren: Fordi du gjorde dette og ikkje sparte din einaste son,

<sup>17</sup> vil eg velsigna deg rikt og gjera ætta di talrik som stjernene på himmelen og som sanden på havsens strand. Di ætt skal ta fiendens portar.

<sup>18</sup>Ved di ætt skal alle folkeslag på jorda velsigna seg fordi du hørde på meg.»

<sup>19</sup>Så gjekk Abraham tilbake til tenestegutane sine. Dei drog av stad saman med han til Beer-Sjeba. Og Abraham vart buande der.

### **Slekta til Nahor**

<sup>20</sup> Ei tid etter at dette hadde hendt, vart det meldt til Abraham: Sjå, Milka òg har fødd søner til bror din, Nahor:

<sup>21</sup>Us, den førstefødde, Bus, bror hans, Kemuel, far til Aram,

<sup>22</sup>Kesed, Haso, Pildasj, Jidlaf og Betuel.

<sup>23</sup> Betuel vart far til Rebekka. Desse åtte fødde Milka til Nahor, bror til Abraham.

<sup>24</sup>Følgjekona hans, som heitte Re'uma, fekk òg born: Tebah, Gaham, Tahasj og Maaka.

## **1. Mosebok 23**

### **Abraham kjøper gravstad ved Hebron**

<sup>1</sup>Sara vart 127 år gammal; så lenge levde ho.

<sup>2</sup>Sara døydde i Kirjat-Arba, det er Hebron i Kanaan, og Abraham kom for å sørgja og gråta over henne.

<sup>3</sup>Så reiste han seg, gjekk bort frå den døde og sa til hetittane:

<sup>4</sup>«Eg er innflyttar og framand blant dykk. Lat meg få kjøpa eit stykke jord hos dykk til gravstad, så eg kan bera ut henne som er død, og gravleggja henne.»

<sup>5</sup>Hetittane svara Abraham:

<sup>6</sup>«Høyr på oss, herre! Du er ein Guds hovding mellom oss. Legg den døde i den beste av gravstadene våre. Ingen av oss skal nekta deg gravstaden sin når du skal gravleggja den døde.»

<sup>7</sup>Då reiste Abraham seg og bøygde seg for hetittane, folket i landet.

<sup>8</sup>Han sa til dei: «Er det dykkar vilje at eg ber ut henne som er død, og gravlegg henne, så høyr på meg! Legg inn eit godt ord for meg hos Efron, son til Sohar,

<sup>9</sup>så han lèt meg få Makpela-hòla, som høyrer han til og ligg i utkanten av marka hans. Han skal få full pris om han lèt meg kjøpa jordstykket til gravstad hos dykk.»

<sup>10</sup>No sat Efron der mellom hetittane, og han svara Abraham så dei høyrde det, alle hetittane som var komne til byporten:

<sup>11</sup>«Nei, herre, høyr på meg! Eg gjev deg marka, og hòla som er der, gjev eg deg òg. For auga på folket mitt lèt eg deg få det. Gravlegg du den døde!»

<sup>12</sup>Då bøygde Abraham seg for folket i landet

<sup>13</sup>og sa til Efron så folket høyrde det: «Berre du ville høyra på meg! Ta imot pengane eg vil gje deg for marka! Så kan eg gravleggja den døde der.»

<sup>14</sup>Efron svara Abraham:

<sup>15</sup> «Herre, høyr på meg! Eit jordstykke som er verdt 400 sjekel sølv, kva er det mellom deg og meg? Gravlegg du den døde!»

<sup>16</sup> Abraham skjønna kva Efron meinte, og vog opp til han det sølvet han hadde nemnt for hetittane, 400 sjekel, av det slaget dei bruker i handel.

<sup>17</sup>Det vart stadfest at Efrons mark, som ligg ved Makpela, aust for Mamre, både jordet og hòla og alle trea på jordet, så langt det rakk,

<sup>18</sup>skulle høyra Abraham til som hans eigedom. Dette hende for auga på alle hetittane som var komne til byporten.

<sup>19</sup> Etter dette gravla Abraham Sara, kona si, i hòla på Makpela-marka aust for Mamre, det er Hebron, i Kanaan.

<sup>20</sup> Såleis vart det stadfest at marka og hòla der skulle høyra Abraham til som gravstad, kjøpt frå hetittane.

## 1. Mosebok 24

### Isak får Rebekka til kone

<sup>1</sup> Abraham var no gammal og langt oppi åra, og Herren hadde velsigna han på alle vis.

<sup>2</sup> Då sa Abraham til den eldste tenaren i huset, han som styrte over alt han eigde: «Legg handa di i fanget mitt,

<sup>3</sup> så vil eg ta deg i eid ved Herren, Gud over himmel og jord, på at du ikkje skal ta ei kone til son min blant døtrene til kanaaneanane som bur omkring meg,

<sup>4</sup> men at du skal dra til mitt land og mi slekt og henta ei kone til Isak, son min.»

<sup>5</sup> Tenaren sa til han: «Kan henda kvinna ikkje vil følgja med meg hit til dette landet. Skal eg då ta son din med tilbake til det landet som du drog ut frå?»

<sup>6</sup> Abraham svara: «Pass på at du aldri fører son min dit att!

<sup>7</sup> Herren, Gud i himmelen, tok meg bort frå farshuset og fedrelandet mitt, og han tala til meg og svor på å gje ætta mi dette landet. Han skal senda sin engel framfor deg så du kan henta ei kone til son min der.

<sup>8</sup> Men vil ikkje kvinna følgja deg, skal du vera løyst frå eiden. Ta berre ikkje son min tilbake dit!»

<sup>9</sup> Då la tenaren handa si i fanget til Abraham, herren sin, og lova han dette med eid.

<sup>10</sup> Så tok tenaren ti av kamelane til herren sin og drog av stad med alle slag kostelege saker. Han gav seg i veg til aramearlandet mellom elvane, til byen der Nahor budde.

**11** Han lét kamelane leggja seg ned ved ein brønn utanfor byen. Det var i kveldinga, på den tida kvinnene plar gå ut for å henta vatn.

**12**Så sa han: «Herre, du som er Gud for Abraham, herren min, lat det lukkast for meg i dag, og syn at du er god mot Abraham, herren min!

**13**Sjå, her står eg ved vasskjelda medan døtrene frå byen kjem for å dra opp vatn.

**14**Lat det gå slik at når eg seier til ei jente: Rekk meg krukka di så eg kan drikka, og ho svarar: Berre drikk, du, og kamelane dine vil eg òg gje å drikka, då er det henne du har valt ut for tenaren din, Isak. På det skal eg skjøna at du har vore god mot herren min.»

**15** Og sjå, før han var ferdig med å be, kom Rebekka, dotter til Betuel, son til Milka, som var gift med Nahor, bror til Abraham. Ho kom ut med krukka si på aksla.

**16**Jenta var overlag vakker, ei jomfru som ingen mann hadde vore nær. Ho gjekk ned til kjelda, fylte krukka og kom opp att.

**17**Då sprang tenaren imot henne og sa: «Lat meg få drikka litt vatn frå krukka di!»

**18**Ho svara: «Drikk, herre!» Straks lyfte ho krukka ned på armen og gav han å drikka.

**19**Ho lét han drikka ferdig, og så sa ho: «Eg vil dra opp vatn til kamelane dine òg, heilt til dei har drukke seg utørste.»

**20**Ho skunda seg og tømde krukka i vasstrauet. Så sprang ho bort til brønnen for å dra opp vatn. Og ho drog opp vatn til alle kamelane hans.

**21**Mannen såg på henne utan å seia noko. No skulle han få vita om Herrenhadde late reisa hans lukkast eller ikkje.

**22** Då kamelane var ferdige med å drikka, tok mannen fram ein gullring til henne, han vog ein halv sjekel, og to armband av gull, dei vog ti sjekel.

- <sup>23</sup>Så sa han: «Fortel meg no kven du er dotter til! Er det husrom hos far din, så vi kan overnatta der?»
- <sup>24</sup>Ho svara: «Eg er dotter til Betuel, son til Milka og Nahor.
- <sup>25</sup>Vi har rikeleg av både halm og fôr», sa ho, «husrom til overnatting har vi òg.»
- <sup>26</sup>Då bøygde mannen seg til jorda og tilbad Herren.
- <sup>27</sup>Han sa: «Velsigna er Herren, som er Gud for Abraham, herren min! Han har aldri slutta vera god og trufast mot herren min. På vegen har Herren ført meg til huset der slekta til herren min bur.»
- <sup>28</sup>Jenta sprang heim og fortalde familien til mor si kva som hadde hendt.
- <sup>29</sup>Rebekka hadde ein bror som heitte Laban. Han sprang ut til mannen ved kjelda.
- <sup>30</sup>Då han såg ringen og armbanda på hendene til systera og hørde henne fortelja kva mannen hadde sagt, drog han ut til mannen, som framleis stod hos kamelane ved kjelda.
- <sup>31</sup>Laban sa: «Kom, du som er velsigna av Herren! Kvifor står du her ute? Eg har gjort huset i stand og gjort plass for kamelane.»
- <sup>32</sup>Då kom mannen inn i huset og leste av kamelane. Han fekk halm og fôr til dyra, og vatn så han og dei som var med han, kunne vaska føtene.
- <sup>33</sup>Men då dei sette fram mat til han, sa han: «Nei, eg vil ikkje eta før eg har sagt det eg har å seia.» «Fortel!» svara dei.
- <sup>34</sup>Då sa han: Eg er tenaren til Abraham.
- <sup>35</sup>Herren har velsigna min herre rikt, så han har vorte ein stor mann. Han har gjeve han småfe og storfe, sølv og gull, slavar og slavekvinner, kamelar og esel.
- <sup>36</sup>Og Sara, kona til herren min, har fødd han ein son på sine gamle dagar. Han har gjeve sonen alt han eig.



<sup>37</sup>No har herren min teke meg i eid og sagt: «Du skal ikkje ta ei kone til son min blant døtrene til kanaanearane i landet der eg bur.

<sup>38</sup>Men du skal dra til farshuset mitt og slekta mi og henta ei kone til son min.»

<sup>39</sup>Då sa eg til herren min: «Men kan henda kvinna ikkje vil følgja med meg?»

<sup>40</sup>Han svara: «For Herrens andlet har eg levd. Han skal senda sin engel saman med deg og la reisa di lukkast, så du kan henta ei kone til son min frå slekta mi og farshuset mitt.

<sup>41</sup>Men du skal vera løyst frå eiden til meg dersom du kjem til slekta mi og dei ikkje vil gje henne til deg. Då er du løyst frå eiden.»

<sup>42</sup>I dag, då eg kom til kjelda, sa eg: «Herre, du som er Gud for Abraham, herren min, lat denne reisa mi lukkast!

<sup>43</sup>Sjå, her står eg ved vasskjelda. Lat det gå slik at når det kjem ei ung jente ut for å dra opp vatn, og eg seier til henne: Lat meg få drikka litt vatn av krukka di!

<sup>44</sup>og ho svarar: Berre drikk, du, og eg skal dra opp vatn til kamelane dine òg, då er ho den kvinna som Herren har valt ut for son til herren min.»

<sup>45</sup>Og sjå, før eg var ferdig med å be i hjartet mitt, kom Rebekka med krukka på aksla. Ho gjekk ned til kjelda og drog opp vatn. Då sa eg til henne: «Lat meg få drikka!»

<sup>46</sup>Straks lyfte ho krukka ned og sa: «Berre drikk, du, og kamelane dine vil eg òg gje å drikka.» Eg drakk, og ho gav òg kamelane å drikka.

<sup>47</sup>«Kven er du dotter til?» spurde eg henne. Ho svara: «Eg er dotter til Betuel, son til Nahor og Milka.» Då sette eg ringen i nasen hennar og la armbanda om handledda.

<sup>48</sup>Så bøygde eg meg til jorda og tilbad Herren. Eg velsigna Herren, som er Gud for Abraham, herren min. For han hadde ført meg på rett veg, så eg kunne ta ei jente av slekta etter bror til herren min som kone for son hans.

<sup>49</sup>Vil de no vera gode og trufaste mot herren min, så fortel meg det! Og vil de ikkje, så fortel meg det òg, så eg kan vita om vegen går til høgre eller til venstre.

<sup>50</sup>Då svara Laban og Betuel: «Dette kjem frå Herren. Vi kan ingenting seia, anten for eller mot.

<sup>51</sup>Sjå, her står Rebekka framfor deg. Ta henne med! Ho skal bli kone for son til herren din, slik Herren har sagt!»

<sup>52</sup>Då tenaren til Abraham hørde det, bøygde han seg til jorda for Herren.

<sup>53</sup>Så tok han fram klede og smykke av sølv og gull og gav Rebekka. Han hadde òg kostelege gåver til broren og mora.

<sup>54</sup>Så åt dei og drakk, han og mennene som var med han, og dei var der natta over. Då dei stod opp neste morgon, sa han: «Lat meg få dra tilbake til herren min!»

<sup>55</sup>Men broren og mor hennar sa: «Lat jenta vera hos oss ei tid, ti dagar eller så! Deretter kan du dra.»

<sup>56</sup>Då svara han: «Hald meg ikkje tilbake no når Herren har late reisa mi lukkast! Lat meg få dra heim til herren min!»

<sup>57</sup>Dei sa: «Lat oss ropa på jenta og spørja henne sjølv.»

<sup>58</sup>Så ropa dei på Rebekka og sa til henne: «Vil du reisa med denne mannen?»  
Ho svara: «Ja, eg vil reisa.»

<sup>59</sup>Så sende dei Rebekka, syster si, og fostermor hennar av stad saman med tenaren til Abraham og mennene hans.

<sup>60</sup>Dei velsigna Rebekka og sa til henne: «Måtte du, vår syster, bli til tusen gonger ti tusen! Måtte di ætt ta fiendens portar!»

<sup>61</sup>Så steig Rebekka og tenestejentene hennar opp på kamelane og følgde tenaren. Han tok Rebekka med seg og drog i veg.

<sup>62</sup> Isak, som heldt til i Negev, kom no frå Lahai-Ro'i-brønnen.

<sup>63</sup>I kveldinga tok han seg ein tur ut på marka. Han såg opp, og der fekk han sjå nokre kamelar som nærma seg.

<sup>64</sup>Då Rebekka såg opp og fekk auge på Isak, steig ho snøgt ned frå kamelen.

<sup>65</sup>Ho spurde tenaren: «Kven er den mannen som kjem imot oss bortpå marka?» Tenaren svara: «Det er herren min.» Då tok ho sløret og dekte seg til.

<sup>66</sup>Tenaren fortalde no Isak alt det han hadde gjort.

<sup>67</sup>Så førte Isak Rebekka inn i teltet som Sara, mor hans, hadde eigd. Han tok Rebekka til kone, og han elska henne. Såleis fann Isak trøyst i sorga over mora.

## 1. Mosebok 25

### Abrahams siste leveår

<sup>1</sup>Abraham tok seg på nytt ei kone; ho heitte Ketura.

<sup>2</sup>Ho fødte han Simran, Joksjan, Medan, Midjan, Jisjbak og Sjuah.

<sup>3</sup>Joksjan fekk Saba og Dedan, og sønene til Dedan var asjurarane, letusjarane og le'ummarane.

<sup>4</sup>Sønene til Midjan var Efa, Efer, Henok, Abida og Eldaa. Alle desse var etterkomarar av Ketura.

<sup>5</sup>Abraham gav alt det han eigde, til Isak.

<sup>6</sup>Han gav gåver til sønene han hadde med følgjekonene sine. Og medan han enno levde, sende han dei bort frå Isak, son sin, til eit land i aust.

<sup>7</sup>Dette er Abrahams levealder: Han vart 175 år gammal.

<sup>8</sup>Så anda han ut. Abraham døydde i høg alder, gammal og mett av dagar, og han vart sameina med folket sitt.

<sup>9</sup>Isak og Ismael, sønene hans, gravla han i Makpela-høla, på marka til hetitten Efron, son til Sohar, austafør Mamre,

<sup>10</sup>den marka som Abraham hadde kjøpt av hetittane. Der vart Abraham gravlagd saman med Sara, kona si.

<sup>11</sup> Etter at Abraham var død, velsigna Gud Isak, son hans. Isak vart buande ved Lahai-Ro'i-brønnen.

### **Slekta til Ismael**

<sup>12</sup> Dette er slektshistoria til Ismael, son til Abraham, som Hagar frå Egypt, slavekvinna til Sara, fødde han.

<sup>13</sup> Dette er namna på sønene til Ismael, namna som er i slektshistoria deira: Nebajot, den førstefødde hos Ismael, Kedar, Adbeel, Mibsam,

<sup>14</sup> Misjma, Duma og Massa,

<sup>15</sup> Hadad, Tema, Jetur, Nafisj og Kedma.

<sup>16</sup> Dette var sønene til Ismael; dette er namna deira der dei bur i landsbyane og leirane sine, tolv hovdingar, kvar for sin klan.

<sup>17</sup> Ismael vart 137 år gammal. Så anda han ut: han døydde og vart sameina med folket sitt.

<sup>18</sup> Ismaelittane busette seg frå Havila til Sjur, som ligg austafør Egypt i retning Assur. Dei slo seg ned midt imot alle brørne sine.

### **Jakob og Esau**

<sup>19</sup> Dette er slektshistoria til Isak, son til Abraham. Abraham fekk sonen Isak.

<sup>20</sup> Isak var førti år gammal då han tok Rebekka til kone. Ho var dotter til aramearen Betuel frå Paddan-Aram og syster til aramearen Laban.

<sup>21</sup> Isak bad til Herren for kona si, for ho var barnlaus. Herrenhøyrde bøna hans, og Rebekka, kona hans, vart med barn.

<sup>22</sup> Men då borna slost med kvarandre inne i henne, sa ho: «Kvifor hender det meg noko slikt?» Og ho gjekk for å spørja Herren til råds.

<sup>23</sup> Herren sa til henne: «To folkeslag er i morslivet ditt, to folk skal skiljast før dei blir fødde. Det eine blir sterkare enn det andre, den eldste skal tena den yngste.»

<sup>24</sup> Då tida kom at ho skulle føda, var det tvillingar i morslivet hennar.

<sup>25</sup> Den første som kom, var raud og løden som ein fell over heile kroppen. Dei kalla han Esau.

<sup>26</sup> Så kom broren; han heldt Esau i hælen med handa. Difor kalla dei han Jakob. Isak var seksti år gammal då dei vart fødde.

<sup>27</sup> Gutane voks opp, og Esau vart ein dugande jeger, ein mann som heldt til ute på marka. Jakob vart ein roleg mann som heldt seg ved telta.

<sup>28</sup> Isak elska Esau, for Isak åt gjerne kjøt av vilt; men Rebekka elska Jakob.

<sup>29</sup> Ein gong Jakob heldt på å koka suppe, kom Esau heim frå marka. Han var sliten.

<sup>30</sup> Esau sa til Jakob: «Skund deg, gjev meg noko å eta av det raude, det raude du har der, for eg er sliten!» Difor kalla dei han Edom.

<sup>31</sup> Men Jakob sa: «Først må du selja meg førstefødselsretten din!»

<sup>32</sup> Esau svara: «Sjå, eg held på å døy! Kva skal eg med førstefødselsretten?»

<sup>33</sup> «Sver på det først!» sa Jakob. Så svor han og selde førstefødselsretten sin til Jakob.

<sup>34</sup> Då gav Jakob han brød og linsesuppe. Han åt og drakk, reiste seg og gjekk. Slik viste Esau forakt for førstefødselsretten.

## 1. Mosebok 26

### Isak og Rebekka i Gerar

<sup>1</sup> Det vart hungersnaud i landet, ei anna enn den første hungersnauda, den som var på Abrahams tid. Då drog Isak til Gerar, til filistarkongen Abimelek.

<sup>2</sup> Herren synt seg for han og sa: «Dra ikkje ned til Egypt, men hald deg i det landet som eg gjev deg bod om!

<sup>3</sup> Slå deg til her i landet, så vil eg vera med deg og velsigna deg! For til deg og til di ætt vil eg gje alle desse landa. Eg skal oppfylla den eiden eg svor Abraham, far din.

<sup>4</sup>Eg skal gjera ætta di talrik som stjernene på himmelen. Alle desse landa skal eg gje til ætta di. Og ved di ætt skal alle folkeslag på jorda velsigna seg,

<sup>5</sup>fordi Abraham høyrde på meg og heldt seg til det eg har fastsett, mine bod, forskrifter og lover.»

<sup>6</sup>Så vart Isak buande i Gerar.

<sup>7</sup>Då mennene på staden spurde han ut om kona hans, sa han: «Ho er syster mi.» Han torde ikkje seia «kona mi», fordi han var redd dei skulle slå han i hel på grunn av Rebekka. For ho var overlag vakker.

<sup>8</sup>Då han hadde vore der ei tid, hende det at Abimelek, filistarkongen, såg ut gjennom vindauga og fekk sjå at Isak kjærteikna Rebekka, kona si.

<sup>9</sup>Abimelek kalla Isak til seg og sa: «Ho er då kona di! Kvifor sa du at ho er syster di?» Isak svara: «Eg tenkte eg kunne mista livet på grunn av henne.»

<sup>10</sup>Då sa Abimelek: «Kva har du gjort mot oss? Ein eller annan av folket kunne fort ha lege med kona di og ført skuld over oss!»

<sup>11</sup>Så gav Abimelek heile folket dette påbodet: «Den som rører denne mannen eller kona hans, skal døy.»

<sup>12</sup>Isak sådde korn der i landet, og det året fekk han hundre gonger det han hadde sådd. Herren velsigna han

<sup>13</sup>så han vart rik. Han vart meir og meir velstående, og til slutt var han svært rik.

<sup>14</sup>Han eigde småfe og storfe og så mange slavar at filistrane vart misunnelege på han.

<sup>15</sup> Alle brønnane som slavane til far hans hadde grave medan Abraham levde, tetta filistrane og fylte med jord.

<sup>16</sup>Då sa Abimelek til Isak: «Dra bort frå oss! Du har vorte altfor mektig for oss.»

<sup>17</sup>Så flytte Isak derifrå og slo leir i Gerar-dalen. Der vart han buande.

<sup>18</sup>Sidan drog Isak tilbake og grov opp att brønnane som dei hadde grave medan Abraham, far hans, levde, og som filistrane hadde fylt att etter at Abraham var død. Han gav dei same namna som far hans hadde gjeve dei.

<sup>19</sup>Då slavane til Isak heldt på å grava i dalen, fann dei ei kjelde med rennande vatn.

<sup>20</sup> Men gjetarane frå Gerar tretta med gjetarane til Isak og sa: «Vatnet er vårt!» Han kalla brønnen Esek fordi dei tretta med han.

<sup>21</sup> Sidan grov dei ein brønn til, men det vart strid om den òg, så den kalla han Sitna.

<sup>22</sup> Så drog han derifrå og grov endå ein brønn. Den vart det ingen strid om. Difor kalla Isak han Rehobot og sa: «No har Herren gjeve oss nok rom, så vi kan vera fruktbare i landet.»

### **Pakta med Abimelek**

<sup>23</sup> Derifrå drog Isak opp til Beer-Sjeba.

<sup>24</sup> Same natta synte Herren seg for han og sa: «Eg er Gud til Abraham, far din. Ver ikkje redd, for eg er med deg! Eg vil velsigna deg og gjera ætta di talrik for Abraham, min tenar, skuld.»

<sup>25</sup> Så bygde Isak eit altar der og kalla på Herrens namn. Han slo òg opp teltet sitt der, og slavane grov ein brønn.

<sup>26</sup> Abimelek kom til han frå Gerar saman med Ahussat, venen sin, og Pikol, hærføraren.

<sup>27</sup> Då sa Isak til dei: «Kvifor kjem de til meg, de som hatar meg og har sendt meg bort frå dykk?»

<sup>28</sup> Dei svara: «Vi har sett at Herren er med deg, og vi har tenkt at det burde vera ein gjensidig eid mellom oss og deg! Vi vil gjera ei pakt med deg.

<sup>29</sup> Du skal ikkje gjera oss noko vondt, liksom vi heller ikkje rørte deg, men berre gjorde godt mot deg og sende deg bort i fred. For no er du velsigna av Herren.»

- <sup>30</sup>Så heldt han eit festmåltid for dei, og dei åt og drakk.
- <sup>31</sup>Morgonen etter stod dei tidleg opp og svor kvarandre ein eid. Så tok Isak farvel med dei, og dei drog bort i fred.
- <sup>32</sup>Same dagen kom slavane og fortalde Isak om brønnen dei hadde grave. «Vi har funne vatn!» sa dei.
- <sup>33</sup> Han kalla brønnen Sjiba. Difor heiter byen Beer-Sjeba den dag i dag.
- <sup>34</sup> Då Esau var førti år gammal, tok han Judit, dotter til hetitten Beer, og Basmat, dotter til hetitten Elon, til koner.
- <sup>35</sup> Dei vart til sorg for Isak og Rebekka.

## 1. Mosebok 27

### Jakob lurar til seg velsigninga

- <sup>1</sup>Då Isak hadde vorte gammal og auga hans var for matte til å kunna sjå, kalla han til seg Esau, eldste son sin, og sa: «Son min!» Han svara: «Ja, her er eg.»
- <sup>2</sup>Så sa han: «Sjå, eg har vorte gammal og veit ikkje når eg kjem til å døyr.
- <sup>3</sup>Ta no jaktutstyret ditt, pilkogeret og bogen. Gå ut i marka og skyt noko vilt til meg!
- <sup>4</sup>Lag nokre velsmakande retter, noko eg likar godt! Kom hit med dei og lat meg eta, så eg kan velsigna deg før eg døyr.»
- <sup>5</sup>Rebekka lytta medan Isak tala til Esau, son sin. Så gjekk Esau ut i marka og ville skyta noko vilt som han kunne ta med seg heim.
- <sup>6</sup>Då sa Rebekka til Jakob, son sin: «Høyr her! Eg høyrde at far din tala til Esau, bror din og sa:
- <sup>7</sup>Hent noko vilt til meg og lag nokre velsmakande retter så eg kan eta! Så vil eg velsigna deg for Herrens andlet før eg døyr.
- <sup>8</sup>Høyr no på meg, son min, og gjer som eg seier!
- <sup>9</sup>Gå bort til småfeet og hent to fine kje, så skal eg laga til nokre velsmakande retter til far din, noko han likar godt.



- <sup>10</sup>Dei skal du bera inn til far din så han kan eta og velsigna deg før han døyr.»
- <sup>11</sup>Då sa Jakob til mor si, Rebekka: «Men Esau, bror min er løden, medan eg er glatt.
- <sup>12</sup>Kanskje far min kjenner på meg og finn ut at eg held han for narr, og så fører eg forbanning over meg i staden for velsigning.»
- <sup>13</sup>«Den forbanninga skal eg ta på meg, son min», sa mora. «Høyr berre på meg og gå og hent kjea!»
- <sup>14</sup>Han gjekk og henta kjea og kom til mor si med dei. Ho laga nokre velsmakande retter, slike som faren lika godt.
- <sup>15</sup>Rebekka fann fram dei beste kleda til Esau, eldste sonen – dei låg i huset hennar – og kledde opp Jakob, yngste sonen, i dei.
- <sup>16</sup>Skinna av kjea la ho om hendene og den glatte nakken hans.
- <sup>17</sup>Så gav ho Jakob, son sin, dei velsmakande rettene og brødet som ho hadde laga til.
- <sup>18</sup>Han gjekk inn til far sin og sa: «Far!» «Ja, son min», sa han, «kven er du?»
- <sup>19</sup>Då sa Jakob til faren: «Eg er Esau, din førstefødde son. Eg har gjort det du sa til meg. Set deg no opp og et av viltet mitt, så du kan velsigna meg!»
- <sup>20</sup>Isak sa til sonen: «Korleis kunne du finna noko så snøgt, son min?» Han svara: «Herren din Gud lét det springa rett imot meg.»
- <sup>21</sup>Då sa Isak til Jakob: «Kom hit, son min, så eg kan få kjenna på deg om du er Esau, son min, eller ikkje!»
- <sup>22</sup>Jakob gjekk bort til far sin så han fekk kjenna på han, og Isak sa: «Det er røysta hans Jakob, men hendene hans Esau.»
- <sup>23</sup>Isak kjende han ikkje att, for hendene hans var lodne som hendene til Esau, bror hans. Og han velsigna han.
- <sup>24</sup>Så spurde han: «Er du verkeleg Esau, son min?» Jakob svara: «Ja, det er eg.»

<sup>25</sup>Då sa Isak: «Set maten fram for meg. Eg vil eta av viltet til son min så eg kan velsigna deg!» Jakob sette maten fram for han, og han åt. Han kom òg med vin til han, og han drakk.

<sup>26</sup>Så sa Isak: «Kom hit og kyss meg, son min!»

<sup>27</sup>Han gjekk fram og kyste han. Då kjende faren lukta av kleda hans. Han velsigna han og sa: «Kjenn, lukta av son min er lik lukta av ei eng som Herren har velsigna!

<sup>28</sup>Måtte Gud gje deg dogg frå himmelen, fruktbar jord og overmål av korn og ny vin!

<sup>29</sup>Folk skal tena deg, folkeslag bøya seg for deg. Ver herre over brørne dine, sønene til mor di skal bøya seg for deg. Forbanna er dei som forbannar deg, velsigna er dei som velsignar deg!»

<sup>30</sup>Med det same Isak hadde velsigna Jakob – han hadde berre så vidt gått ut frå far sin – kom Esau, bror hans, heim att frå jakta.

<sup>31</sup>Han òg laga nokre velsmakande retter og bar dei inn til far sin. «Far», sa han, «vil du ikkje stå opp og eta av viltet som son din kjem med, så du kan velsigna meg!»

<sup>32</sup>Isak, far hans, spurde: «Kven er du?» Han svara: «Eg er Esau, den førstefødde son din.»

<sup>33</sup>Då byrja Isak å skjelva, han skalv veldig og sa: «Kven var det då som kom til meg med noko vilt han hadde skote? Eg åt av det før du kom, og så velsigna eg han, så no er han velsigna.»

<sup>34</sup>Då Esau hørde kva far hans sa, sette han i eit høgt skrik. Så sa han: «Velsigna meg òg, far!»

<sup>35</sup>Men han svara: «Bror din kom med svik og tok velsigninga di.»

<sup>36</sup>Då sa Esau: «Er det difor han heiter Jakob? No har han lurt meg to gonger. Han tok førstefødselsretten min, og no har han teke velsigninga mi òg.» Så sa han: «Har du ikkje ei velsigning til meg òg?»

<sup>37</sup>Isak svara Esau: «No har eg sett han til herre over deg, og alle brørne hans har eg gjort til tenarar for han. Eg har sytt for korn og ny vin til han. Kva kan eg då gjera for deg, son min?»

<sup>38</sup>«Far, har du berre éi velsigning?» sa Esau. «Velsigna meg òg, far!» Og Esau gret høgt.

<sup>39</sup>Då sa Isak til han: «Sjå, langt borte frå fruktbar jord skal du bu, der inga dogg fell frå himmelen.

<sup>40</sup> Av sverd skal du leva, og bror din skal du tena. Men når du riv deg laus, skal du kasta åket hans av nakken.»

<sup>41</sup>Esau la Jakob for hat på grunn av velsigninga som far hans hadde gjeve han. Og Esau sa i hjartet sitt: «Snart kjem dagane då vi skal sørgja over far min. Då skal eg drepa Jakob, bror min.»

<sup>42</sup>Rebekka fekk vita kva Esau, eldste son hennar, hadde sagt. Då sende ho bod etter Jakob, yngste son sin, og sa til han: «Høyr! Esau, bror din, vil hemna seg på deg og drepa deg.

<sup>43</sup>Høyr no på meg, son min! Røm straks til Laban, bror min, i Harran!

<sup>44</sup>Ver hos han nokre dagar til harmen har gått av bror din,

<sup>45</sup> til vreiden hans har vendt seg frå deg og han har gløymt det du gjorde mot han! Då skal eg senda bod og henta deg derifrå. Kvifor skulle eg mista dykk begge på ein og same dagen?»

### **Isak sender Jakob til Laban**

<sup>46</sup> Rebekka sa til Isak: «Desse hetittkvinnene tek livet av meg. Dersom Jakob tek seg ei slik hetittkvinne til kone, ei kvinne frå dette landet, kva skal eg då leva for?»

## **1. Mosebok 28**

<sup>1</sup> Då kalla Isak Jakob til seg. Han velsigna han og gav han denne formaninga: «Du skal ikkje ta deg ei kone blant kvinnene i Kanaan!

<sup>2</sup>Dra straks til Paddan-Aram, til huset åt Betuel, morfar din! Der skal du ta deg ei kone blant døtrene til Laban, morbror din.

<sup>3</sup>Måtte Gud, Den veldige, velsigna deg og gjera deg fruktbar og talrik så du blir til ei forsamling av mange folk.

<sup>4</sup>Måtte han gje deg og ætta di Abrahams velsigning så du kan ta i eige det landet du bur i som innflyttar, landet som Gud gav Abraham.»

<sup>5</sup>Så sende Isak Jakob i veg, og han drog til Paddan-Aram, til aramearen Laban, son til Betuel. Han var bror til Rebekka, mor til Jakob og Esau.

<sup>6</sup>Esau skjøna at Isak hadde velsigna Jakob og sendt han til Paddan-Aram for å ta seg ei kone der. Han hadde velsigna han og gjeve han denne formaninga: «Du skal ikkje ta deg ei kone blant kvinnene i Kanaan.»

<sup>7</sup>Jakob hadde høyrte på far sin og mor si og reist til Paddan-Aram.

<sup>8</sup>Då skjøna Esau at Isak, far hans, såg med motvilje på dei kanaaneiske kvinnene.

<sup>9</sup>Han gjekk til Ismael og tok Mahalat til kone ved sida av dei andre konene sine. Ho var dotter til Ismael, son til Abraham, og syster til Nebajot.

### **Jakob drøyer**

<sup>10</sup>Jakob drog frå Beer-Sjeba og tok vegen mot Harran.

<sup>11</sup>Han kom fram til ein stad der han vart verande natta over, for sola hadde gått ned. Han tok ein av steinane på staden og la han under hovudet. Så la han seg til å sova.

<sup>12</sup>Då hadde han ein draum: Sjå, ein stige var reist på jorda, og toppen nådde opp til himmelen. Og sjå, Guds englar gjekk opp og gjekk ned på han.

<sup>13</sup>Då stod Herren framfor han. Han sa: «Eg er Herren, Gud til far din, Abraham, og Isak. Den jorda du ligg på, vil eg gje til deg og di ætt.

<sup>14</sup>Ætta di skal bli som støvet på jorda. Du skal breia deg ut mot vest og aust, mot nord og sør, og i deg og di ætt skal alle slekter på jorda velsignast.

<sup>15</sup>Sjå, eg vil vera med deg og verna deg kvar du enn går, og føra deg tilbake til dette landet. For eg skal ikkje gå frå deg, men gjera det eg har lova deg.»

<sup>16</sup>Då vakna Jakob av søvnen og sa: «Sanneleg, Herren er på denne staden, og eg visste det ikkje!»

<sup>17</sup>Han vart redd og sa: «Kor skremmeleg denne staden er! Dette må vera Guds hus, her er porten til himmelen.»

<sup>18</sup>Om morgonen stod Jakob tidleg opp. Han tok steinen han hadde hatt under hovudet, og reiste han som ei støtte. Så helte han olje over han.

<sup>19</sup>Han kalla staden for Betel. Men tidlegare heitte byen Lus.

<sup>20</sup>Så gav Jakob denne lovnaden: «Om Gud er med meg og vernar meg på vegen der eg går, om han gjev meg brød å eta og klede å ha på meg

<sup>21</sup>og lèt meg venda attende til farshuset mitt i fred, då skal Herren vera min Gud.

<sup>22</sup>Denne steinen, som eg har reist som ei støtte, skal vera Guds hus. Av alt du gjev meg, skal eg gje deg tiend.»

## 1. Mosebok 29

### Jakob hos Laban

<sup>1</sup>Så drog Jakob vidare og kom til landet der folka i aust bur.

<sup>2</sup>Då fekk han auge på ein brønn på marka og tre saueflokkar som låg omkring han; for av den brønnen gav dei buskapen vatn. Over opninga låg det ein stor stein.

<sup>3</sup>Når alle flokkane var samla der, velte dei steinen bort frå brønnopninga og lét småfeet drikka. Så la dei steinen på plass att.

<sup>4</sup>Jakob spurde gjetarane: «Kvar er de frå, brør?» «Vi er frå Harran», sa dei.

<sup>5</sup>Så spurde han: «Kjenner de Laban, son til Nahor?» Dei svara: «Ja, han kjenner vi.»

<sup>6</sup>«Står det bra til med han?» spurde Jakob. «Ja, det gjer det», svara dei. «Sjå, der kjem Rakel, dotter hans, med småfeet!»

<sup>7</sup>Då sa han: «Det er enno høgllys dag, det er for tidleg å samla buskapen. Lat småfeet få drikka, og gå med dei på beite!»

<sup>8</sup>Dei svara: «Det klarer vi ikkje før alle flokkane er samla, så vi får rulla steinen bort frå brønnen. Då kan vi gje småfeet vatn.»

<sup>9</sup>Medan han endå tala med dei, kom Rakel med buskapen til faren, for det var ho som gjette.

<sup>10</sup>Då Jakob fekk sjå Rakel, dotter til morbroren Laban, koma med småfeet hans, gjekk han fram, velte steinen frå brønnopninga og lét småfeet til morbroren få drikka.

<sup>11</sup>Så kyste han Rakel og brast i gråt.

<sup>12</sup>Jakob fortalde henne at han var i slekt med far hennar, og at han var son til Rebekka. Då sprang Rakel heim og fortalde dette til far sin.

<sup>13</sup>Med det same Laban fekk høyra om Jakob, systerson sin, sprang han imot han, slo armane rundt han og kyste han og tok han med seg heim. Og Jakob fortalde han alt det som hadde hendt.

<sup>14</sup>Då sa Laban til han: «Du er jo av same bein og kjøt som eg!» Så vart Jakob verande hos han ein månads tid.

### **Jakob og Rakel**

<sup>15</sup>Ein dag sa Laban til Jakob: «Sjølv om du er slektningen min, skal du ikkje arbeida for meg utan betaling. Sei meg kva du vil ha i løn!»

<sup>16</sup>No hadde Laban to døtrer. Den eldste heitte Lea, og den yngste heitte Rakel.

<sup>17</sup> Lea hadde matte auge, medan Rakel var velskapt og vakker.

<sup>18</sup>Jakob hadde vorte glad i Rakel. Han sa: «Eg skal arbeida hos deg i sju år for Rakel, den yngste dotter di.»

<sup>19</sup>Laban svara: «Det er betre at eg gjev henne til deg enn til ein annan mann. Ver hos meg!»

**20** Så arbeidde Jakob i sju år for Rakel. I hans auge var åra som nokre få dagar, så glad var han i henne.

**21** Jakob sa til Laban: «Gjev meg no kona mi så eg kan gå inn til henne, for eg har tent mi tid!»

**22** Då samla Laban alt folket der på staden og laga til festmåltid.

**23** Om kvelden tok han dottera Lea og førte henne til Jakob, og han gjekk inn til henne.

**24** Laban sette Silpa, slavekvinna si, til å tena hos Lea.

**25** Men då det vart morgon, sjå, då var det Lea! Han sa til Laban: «Kva er det du har gjort mot meg? Var det ikkje for Rakel eg tente hos deg? Kvifor har du narra meg?»

**26** Laban svara: «Vi gjer det ikkje slik her hos oss at vi gjev bort den yngste før den eldste.

**27** Lat bryllaupsveka gå til ende, så skal du få den andre òg, mot at du arbeider hos meg i sju år til!»

**28** Jakob så gjorde. Han lét bryllaupsveka gå til ende, og Laban gav han dottera Rakel til kone.

**29** Laban sette Bilha, slavekvinna si, til å tena hos Rakel.

**30** Så gjekk Jakob inn til Rakel òg, og han elska Rakel meir enn Lea. Sidan arbeidde han hos Laban i sju år til.

### **Sønene til Jakob**

**31** Då Herren såg at Lea ikkje vart elska, opna han morslivet hennar; men Rakel var barnlaus.

**32** Lea vart med barn og fødde ein son. Ho kalla han Ruben. «For Herren har sett mi naud», sa ho, «no kjem mannen min til å elska meg.»

**33** Ho vart med barn ein gong til og fødde ein son. Då sa ho: «Herren har høyrte at eg ikkje vart elska; no har han gjeve meg denne sonen òg.» Så kalla ho han Simon.

<sup>34</sup> Sidan vart ho med barn att og fødde ein son. Då sa ho: «No må då mannen min bli knytt til meg, sidan eg har fødd han tre søner.» Så kalla ho han Levi.

<sup>35</sup> Endå ein gong vart ho med barn og fødde ein son. Då sa ho: «Denne gongen vil eg takka Herren.» Difor kalla ho han Juda. No fekk ho ikkje fleire born.

## 1. Mosebok 30

<sup>1</sup>Då Rakel såg at ho og Jakob ikkje fekk born, vart ho misunneleg på syster si og sa til Jakob: «Gjev meg barn! Elles døyr eg.»

<sup>2</sup>Jakob vart rasande på Rakel og sa: «Er eg i Guds stad? Det er han som har nekta deg livsfrukt.»

<sup>3</sup> Då sa ho: «Her er slavekvinna mi, Bilha. Gå inn til henne! Ho kan føda på knea mine, så eg òg kan få barn ved henne.»

<sup>4</sup>Så gav ho han Bilha, slavekvinna si, til kone, og Jakob gjekk inn til henne.

<sup>5</sup>Bilha vart med barn og fødde Jakob ein son.

<sup>6</sup> Då sa Rakel: «Gud har hjelpt meg til retten min. Han har høyrte bøna mi og gjeve meg ein son!» Difor kalla ho han Dan.

<sup>7</sup>Sidan vart Bilha, slavekvinna til Rakel, med barn att og fødde Jakob endå ein son.

<sup>8</sup> Då sa Rakel: «Eg har stridd gudskampar med syster mi, og eg har vunne.» Så kalla ho han Naftali.

<sup>9</sup>Då Lea såg at ho ikkje fekk fleire born, tok ho Silpa, slavekvinna si, og gav Jakob til kone.

<sup>10</sup>Og Silpa, slavekvinna til Lea, fødde Jakob ein son.

<sup>11</sup> Då sa Lea: «For ei lukke!» Så kalla ho han Gad.

<sup>12</sup>Silpa, slavekvinna til Lea, fødde Jakob endå ein son.

<sup>13</sup> Då sa Lea: «Lukkeleg er eg! For kvinnene kjem til å prisa meg lukkeleg.» Så kalla ho han Asjer.



<sup>14</sup> Ein dag i kveitehausten gjekk Ruben ut på marka. Der fann han alrunar, og han tok dei med seg heim til Lea, mor si. Då sa Raket til Lea: «Gjev meg nokre av alrunane som son din har funne!»

<sup>15</sup>Lea svara: «Er det ikkje nok at du har teke mannen min? Vil du ta alrunane til son min òg?» Då sa Raket: «Får eg alrunane, kan Jakob liggja med deg i natt.»

<sup>16</sup>Då Jakob kom heim frå marka om kvelden, gjekk Lea til møtes med han og sa: «Det er meg du skal koma til; eg har kjøpt deg for dei alrunane som son min fann.» Så låg han med henne den natta.

<sup>17</sup>Og Gud hørde Lea. Ho vart med barn og fødde Jakob den femte sonen.

<sup>18</sup> Då sa Lea: «Gud har gjeve meg løn for at eg gav slavekvinna til mannen min.» Så kalla ho han Jissakar.

<sup>19</sup>Sidan vart Lea med barn att og fødde Jakob den sjette sonen.

<sup>20</sup> Då sa Lea: «Gud har gjeve meg ei god gåve. Denne gongen vil mannen min visa meg vørtnad, for eg har fødd han seks søner.» Så kalla ho han Sebulon.

<sup>21</sup>Sidan fødde ho ei dotter og kalla henne Dina.

<sup>22</sup> Då kom Gud Raket i hug. Han hørde henne og opna morslivet hennar

<sup>23</sup> så ho vart med barn og fødde ein son. Då sa ho: «Gud har teke bort mi skam.»

<sup>24</sup> Ho kalla han Josef; for ho sa: «Måtte Herren gje meg endå ein son!»

### **Korleis Jakob vart rik**

<sup>25</sup>Då Raket hadde fødd Josef, sa Jakob til Laban: «Lat meg få reisa heim til mitt eige land!

<sup>26</sup>Gjev meg konene og borna mine, som eg har tent deg for, så eg kan dra. For du veit korleis eg har arbeidd for deg.»

<sup>27</sup> Då sa Laban: «Om du berre ville sjå på meg med velvilje! Spådomsteikna viser meg at det er for di skuld Herren har velsigna meg.»

- <sup>28</sup>Han heldt fram: «Sei kva du skal ha i løn hos meg, så skal eg gje deg det!»
- <sup>29</sup>Jakob svara: «Du veit korleis eg har arbeidd for deg, og kva buskapen din har vorte til medan eg har stelt han.
- <sup>30</sup>For det vesle du hadde før eg kom, har vakse og vorte til mykje. Der eg sette min fot, har Herren velsigna deg. Men når skal eg få syta for mitt eige hus?»
- <sup>31</sup>Då sa Laban: «Kva skal eg gje deg?» Jakob svara: «Du skal ikkje gje meg noko. Men vil du gjera som eg seier, skal eg halda fram med å gjeta småfeet ditt og sjå etter det.
- <sup>32</sup>I dag vil eg gå gjennom alt småfeet ditt og skilja ut alle dei flekkete og spraglete lamma, alle dei mørke lamma og dei geitene som er flekkete og spraglete. Det skal vera løna mi.
- <sup>33</sup>Når du ein dag kjem for å sjå over løna mi, skal min ærlegdom vitna for meg. Finst det ei geit hos meg som ikkje er flekkete eller spraglete, eller ein sau som ikkje er mørk, så er dei stolne.»
- <sup>34</sup>Då svara Laban: «Godt! Lat det vera som du seier.»
- <sup>35</sup>Men same dagen skilde han ut dei bukkane som var stripete og spraglete, alle geitene som var flekkete og spraglete, alle som det var noko kvitt på, og alle dei mørke sauene. Og han lét sønene sine ta vare på dei.
- <sup>36</sup>Så la han tre dagsreiser mellom seg og Jakob, medan Jakob gjette resten av småfeet hans.
- <sup>37</sup>Men Jakob fann seg friske kjeppar av poppel, mandeltre og lønnetre og flekte borken av dei i striper så den kvite veden kom til syne.
- <sup>38</sup>Så sette han kjeppane som han hadde flekt borken av, opp i vasstraua og rennene der småfeet kom for å drikk, rett framfor dyra. Dyra para seg når dei kom og drakk,
- <sup>39</sup>og sidan småfeet para seg ved kjeppane, fekk dei stripete, flekkete og spraglete ungar.

<sup>40</sup>Jakob skilde ut sauene, og han lét småfeet venda hovudet mot dei stripete og mørke dyra i buskapen til Laban. Slik skaffa han seg eigne flokkar som han ikkje sleppte saman med småfeet til Laban.

<sup>41</sup>Kvar gong det var sterke dyr som para seg, sette Jakob kjeppar i vasstraua, rett framfor auga på dei, for at dei skulle para seg ved kjeppane.

<sup>42</sup>Men var det veike dyr, gjorde han det ikkje. På den måten fekk Laban dei veike dyra, men Jakob fekk dei sterke.

<sup>43</sup>Og mannen vart svært rik. Han fekk småfe i mengder, slavekvinner og slavar, kamelar og esel.

## 1. Mosebok 31

### Jakob rømmer frå Laban

<sup>1</sup>Jakob fekk høyra at sønene til Laban sa: «Jakob har teke alt det far vår eigde. Denne rikdomen har han skaffa seg av det som høyrde far vår til.»

<sup>2</sup>Jakob såg på andletet til Laban at han ikkje var den same mot han som før.

<sup>3</sup>Då sa Herren til Jakob: «Dra tilbake til fedrelandet ditt og slekta di. Eg skal vera med deg.»

<sup>4</sup>Då sende Jakob bod etter Rakel og Lea og bad dei koma ut på marka der han var med buskapen sin.

<sup>5</sup>Han sa til dei: Eg ser på andletet til far dykkar at han ikkje er den same mot meg som før. Men Gud til far min har vore med meg.

<sup>6</sup>De veit at eg har arbeidd for far dykkar av all mi kraft.

<sup>7</sup>Og så har han snytt meg og endra løna mi ti gonger. Men Gud har ikkje late han gjera meg noko vondt.

<sup>8</sup>Når han sa: «Dei flekkete dyra skal vera løna di», fekk heile buskapen flekkete ungar. Og når han sa: «Dei stripete dyra skal vera løna di», fekk heile buskapen stripete ungar.

<sup>9</sup>Slik tok Gud buskapen frå far dykkar og gav han til meg.



<sup>10</sup>I paringstida til småfeet hadde eg ein draum. Eg såg at bukkane som para seg med småfeet, var stripe, flekkete og droplete.

<sup>11</sup>Og i draumen sa Guds engel til meg: «Jakob!» Eg svara: «Her er eg.»

<sup>12</sup>Då sa han: «Lyft auga, så skal du sjå at bukkane som parar seg med småfeet, er stripe, flekkete og droplete. For eg har sett alt det Laban har gjort mot deg.

<sup>13</sup>Eg er Gud frå Betel, der du salva ei steinstøtte og gav meg ein lovnad. Stå no opp og dra bort frå dette landet, og vend attende til landet der du er fødd!»

<sup>14</sup>Då svara Rakel og Lea: «Har vi enno arv og del i huset til far vår?

<sup>15</sup>Reknar han oss ikkje for framande? Han har då selt oss og brukt opp summen han fekk for oss.

<sup>16</sup>For all den rikdomen Gud har teke frå far vår, høyrer oss og borna våre til. Gjer no berre alt det Gud seier du skal gjera!»

<sup>17</sup>Så gjorde Jakob seg ferdig og sette konene og borna sine opp på kamelane.

<sup>18</sup>Han førte med seg heile buskapen sin, den han hadde skaffa seg i Paddan-Aram, og alle egedelane han hadde samla. Han ville dra til Isak, far sin, i landet Kanaan.

<sup>19</sup>Laban var borte for å klippa sauene sine. Då stal Rakel terafane til faren.

<sup>20</sup>Og Jakob lurte Laban, aramearen; for han sa ikkje noko om at han ville rømme.

<sup>21</sup>Så rømde han med alt det han åtte. Han braut opp, sette over elva og tok leia mot Gilead-fjellet.

### **Laban følgjer etter Jakob**

<sup>22</sup>Tredje dagen fekk Laban vita at Jakob hadde rømt.

<sup>23</sup>Då tok han med seg slektningane sine, forfølgde han sju dagsreiser og nådde han att på Gilead-fjellet.

- <sup>24</sup> Men Gud kom til Laban, aramearen, i ein draum om natta og sa til han: «Akta deg for å seia noko til Jakob, godt eller vondt!»
- <sup>25</sup> Då Laban nådde fram til Jakob, hadde han slege teltet sitt opp på fjellet. Laban og slektningane hans slo òg leir på Gilead-fjellet.
- <sup>26</sup> Laban sa til Jakob: «Kva er det du har gjort? Du har lurt meg og ført døtrene mine bort som om dei var krigsfangar.
- <sup>27</sup> Kvifor rømde du i løynd og lurte meg? Kvifor sa du ingen ting til meg så eg kunne sendt deg av garde med glede og med song, med handtromme og lyre?
- <sup>28</sup> Du lét meg ikkje eingong få kyssa barneborna og døtrene mine. No har du bore deg uvitug åt.
- <sup>29</sup> Det står i mi makt å gjera dykk vondt. Men Gud til far dykkar sa til meg i natt: ‘Akta deg for å seia noko til Jakob, godt eller vondt!’<sup>30</sup> No har du altså reist fordi du lengta så etter farsslekta di. Men kvifor stal du gudane mine?»
- <sup>31</sup> Jakob svara Laban: «Eg var redd. Eg tenkte du kunne ta døtrene dine frå meg med makt.
- <sup>32</sup> Men den du finn gudane dine hos, skal mista livet. Her framfor slektningane våre kan du sjølv sjå etter kva eg har med meg, og ta det som høyrer deg til!» Jakob visste ikkje at Rakel hadde stole dei.
- <sup>33</sup> Laban gjekk inn i teltet til Jakob og i telta til Lea og dei to slavekvinnene, men fann ikkje noko. Så gjekk han ut av teltet til Lea og inn i teltet til Rakel.
- <sup>34</sup> Rakel hadde teke terafane, lagt dei i kamelsalen og sett seg på dei. Laban saumfór heile teltet, men fann ingen ting.
- <sup>35</sup> Då sa Rakel til far sin: «Herren min må ikkje bli sint, men eg kan ikkje reisa meg for deg, for eg har det på kvinners vis.» Så leita han, men terafane fann han ikkje.
- <sup>36</sup> Då vart Jakob sint og kom med klagemål mot Laban. Han sa til han: «Kva gale har eg gjort, eller kva for ei synd, sidan du forfølgjer meg slik?

<sup>37</sup>Du har saumfare alt det eg eig. Kva fann du som høyrer til ditt hus? Legg det fram her, framfor mine og dine slektningar, så dei kan dømme mellom oss to!

<sup>38</sup>No har eg vore hos deg i tjue år. Sauene og geitene dine har aldri fødd for tidleg, og vêrane i flokken din har eg ikkje ete.

<sup>39</sup> Eg kom ikkje til deg med dyr som var ihelrivne, men bar tapet sjølv. Var noko stole, kravde de skadebot av meg, anten det var stole om dagen eller om natta.

<sup>40</sup>Heten tærte meg opp om dagen og kulden om natta, og søvnen flykta frå auga mine.

<sup>41</sup>I tjue år har eg vore i ditt hus. Fjorten år har eg arbeidd for dei to døtrene dine og seks år for småfeet ditt, og ti gonger har du endra løna mi.

<sup>42</sup> Hadde ikkje Gud til far min vore med meg, han som er Abrahams Gud og Redsla til Isak, då hadde du sendt meg tomhendt bort. Men Gud har sett mi naud og slitet hendene mine har hatt, og i natt felte han sin dom.»

<sup>43</sup>Laban svara Jakob: «Døtrene er mine døtrer, borna er mine born, og buskapen er min buskap. Alt det du ser, er mitt. Kva kan eg i dag gjera for desse døtrene mine eller borna som dei har fått?

<sup>44</sup>Lat oss no gjera ei pakt, du og eg! Den skal vera vitne mellom meg og deg.»

### **Jakob og Laban gjer pakt**

<sup>45</sup>Då tok Jakob ein stein og reiste han som ei støtte.

<sup>46</sup> Og han sa til slektningane sine: «Sank i hop stein!» Så tok dei steinar og laga ei røys, og dei heldt måltid der ved røysa.

<sup>47</sup> Laban kalla henne Jegar-Sahaduta, og Jakob kalla henne Gal-Ed.

<sup>48</sup> Laban sa: «Denne røysa skal i dag vera vitne mellom meg og deg.» Difor kalla dei henne Gal-Ed

<sup>49</sup> og Mispa, for han sa: «Herren skal halda auge med meg og deg når vi ikkje lenger ser kvarandre.

<sup>50</sup> Om du audmjukar døtrene mine eller tek deg andre koner ved sida av dei, då skal du vita at Gud er vitne mellom meg og deg om det ikkje er eit menneske til stades.»

<sup>51</sup>Då sa Laban til Jakob: «Sjå denne steinrøysa og støtta som eg har reist mellom meg og deg!

<sup>52</sup>Denne røysa skal vera vitne, og støtta skal vera vitne: Eg skal ikkje dra framom denne røysa på veg mot deg, og du skal ikkje dra framom røysa eller støtta på veg mot meg for å gjera noko vondt.

<sup>53</sup> Abrahams Gud og Nahors Gud, Gud til far deira, skal dømme mellom oss.» Så svor Jakob ved Redsla til Isak, far sin.

<sup>54</sup>Jakob ofra eit slaktoffer på fjellet og bad slektningane sine til måltid. Dei åt og vart verande på fjellet natta over.

<sup>55</sup>Morgonen etter stod Laban tidleg opp. Han kyste døtrene sine og borna deira og velsigna dei. Så drog Laban heim att.

## 1. Mosebok 32

<sup>1</sup>Jakob drog òg vidare, og Guds englar kom til møtes med han.

<sup>2</sup>Med det same Jakob fekk auge på dei, sa han: «Dette er Guds leir.» Og han kalla staden Mahanajim.

### Jakob førebur seg til å møte Esau

<sup>3</sup>Jakob sende bodberarar føre seg til Esau, bror sin, i Se'ir-landet, på markene i Edom.

<sup>4</sup>Han baud dei: «Dette skal de seia til Esau, herren min: Så seier Jakob, tenaren din: Eg har halde til hos Laban og vore der til no.

<sup>5</sup>Eg har fått oksar, esel og småfe, slavar og slavekvinner. No sender eg bod og gjer dette kjent for herren min, i von om at du vil sjå på meg med velvilje.»

<sup>6</sup>Bodberarane kom tilbake til Jakob og sa: «Vi møtte Esau, bror din, og no kjem han imot deg med fire hundre mann.»

<sup>7</sup>Då vart Jakob gripen av redsle og angst. Han delte folket som var med han, og småfeet, storfeet og kamelane, i to leirar.

<sup>8</sup>For han tenkte: «Om Esau kjem over den eine leiren og går til åtak, kan dei som er i den andre leiren, sleppa unna.»

<sup>9</sup>Så bad Jakob: «Du min far Abrahams Gud, du min far Isaks Gud! Herre, du som sa til meg: Dra tilbake til landet ditt og slekta di, så skal eg gjera vel imot deg!

<sup>10</sup>Eg er ikkje verd all den miskunn og truskap som du har vist tenaren din. For med berre staven min gjekk eg over Jordan, og no har eg to leirar.

<sup>11</sup>Berg meg frå handa til Esau, bror min! Eg er redd han. Han kan koma og slå i hel meg og mine, både mor og born.

<sup>12</sup>Du sa at du ville gjera vel imot meg og la ætta mi bli som havsens sand, som ingen kan telja.»

<sup>13</sup>Og han var der den natta. Av det han eigde, tok han ut ei gåve til bror sin, Esau:

<sup>14</sup>to hundre geiter og tjue bukkar, to hundre sauer og tjue vêrar,

<sup>15</sup>tretti kamelar som gav mjølk, og føla deira, førti kyr og ti oksar, tjue eselhopper og ti esel.

<sup>16</sup>Han gav dyra til slavane sine, flokk for flokk, og sa til dei: «Dra føre meg, og lat det vera eit godt stykke mellom kvar flokk!»

<sup>17</sup>Så sa han til den første slaven: «Når Esau, bror min, møter deg og spør kven du høyrer til, kvar du skal av, og kven som eig den flokken du driv,

<sup>18</sup>då skal du svara: Jakob, tenaren din, og dette er ei gåve han sender til herren min, Esau. Snart kjem han sjølv etter.»

<sup>19</sup>Også den andre og den tredje slaven og alle dei andre som følgde med flokkane, baud han å seia det same til Esau når dei møtte han:



<sup>20</sup>«Og de må seia at snart kjem Jakob, tenaren din, etter.» For han tenkte: «Eg vil blidgjera han med den gåva som kjem i førevegen. Når eg sidan møter han andlet til andlet, vil han kanskje ta venleg imot meg.»

### **Jakobs kamp**

<sup>21</sup>Så drog slavane i førevegen med gåva, medan Jakob vart verande i leiren om natta.

<sup>22</sup> Same natta stod han opp, tok dei to konene sine, dei to slavekvinnene og dei elleve sønene og gjekk over vadestaden ved Jabbok.

<sup>23</sup>Han sette dei over elva og førte over alt han eigde.

<sup>24</sup> Jakob var åleine att. Og ein mann kjempa med han heilt til dagen grydde.

<sup>25</sup>Då mannen såg at han ikkje kunne vinna over han, gav han Jakob eit slag over hofteskåla, så hofta gjekk ut av ledd medan dei kjempa.

<sup>26</sup>Og han sa: «Slepp meg, for morgonen gryr!» Men Jakob svara: «Eg slepper deg ikkje utan at du velsignar meg.»

<sup>27</sup>«Kva heiter du?» spurde mannen. «Jakob», svara han.

<sup>28</sup> Då sa mannen: «Du skal ikkje lenger heita Jakob. Israel skal vera namnet ditt, for du har kjempa med Gud og menneske og vunne.»

<sup>29</sup> Då bad Jakob: «Sei meg namnet ditt!» Han svara: «Kvifor spør du etter namnet mitt?» Og han velsigna han der.

<sup>30</sup> Jakob kalla staden Peniel. «For eg har sett Gud andlet til andlet og endå berga livet.»

<sup>31</sup>Sola gjekk opp over han då han kom framom Penuel, og han halta på grunn av hofta.

<sup>32</sup>Difor er det slik den dag i dag at israelittane ikkje et muskelen over hofteskåla, for mannen gav Jakob eit slag over hofteskåla, på muskelen.

## **1. Mosebok 33**

### **Jakob møter Esau**

- <sup>1</sup> Jakob såg opp og fekk auge på Esau, som kom med fire hundre mann. Då fordelte han borna mellom Lea, Rakel og dei to slavekvinnene.
- <sup>2</sup> Han stilte slavekvinnene og borna deira fremst, Lea og borna hennar bak dei og Rakel med Josef sist.
- <sup>3</sup> Sjølv gjekk han føre dei og bøygde seg sju gonger til jorda, til han kom bort til bror sin.
- <sup>4</sup> Men Esau sprang imot han, slo armane rundt han, kasta seg om halsen på han og kyste han. Og dei gret.
- <sup>5</sup> Esau såg opp og fekk auge på kvinnene og borna. Då sa han: «Kven er det du har med deg?» Jakob svara: «Det er dei borna som Gud i sin nåde har gjeve tenaren din.»
- <sup>6</sup> Slavekvinnene kom då fram med borna sine og bøygde seg til jorda.
- <sup>7</sup> Lea kom òg fram med borna sine og bøygde seg. Til slutt gjekk Josef og Rakel fram og bøygde seg.
- <sup>8</sup> Esau spurde: «Kva ville du med heile den flokken eg møtte?» «Eg ville at min herre skulle sjå på meg med velvilje», svara han.
- <sup>9</sup> Då sa Esau: «Eg har rikeleg, bror. Ta du vare på det som ditt er!»
- <sup>10</sup> «Nei, kjære deg», svara Jakob, «ser du på meg med velvilje, så ta imot gåva mi! For då eg såg andletet ditt, var det som eg såg Guds eige andlet; så venleg var du mot meg.
- <sup>11</sup> Ta no imot gåva som eg lét senda deg! For Gud har vore nådig mot meg, og eg har alt eg treng.» Jakob bad han så inntrengjande at han tok imot gåva.
- <sup>12</sup> Då sa Esau: «Lat oss bryta opp og dra vidare, så skal eg dra rett framanfor deg.»
- <sup>13</sup> Men Jakob svara: «Min herre veit at borna er veike, og eg må tenkja på småfeet og storfeet som gjev mjølk. Driv ein dei for hardt berre éin dag, døyr alt småfeet.

<sup>14</sup>Vil ikkje herren min dra i førevegen for tenaren sin? Så kan eg følgja sakte etter, med ein fart som høver for buskapen og borna, til eg er framme hos deg i Se'ir.»

<sup>15</sup>Då sa Esau: «Gjev meg lov til å la nokre av mennene mine vera att hos deg.» Men han svara: «Kvifor det? Det er nok at min herre ser på meg med velvilje.»

<sup>16</sup>Same dagen snudde Esau om og drog til Se'ir.

<sup>17</sup>Jakob drog til Sukkot og bygde seg eit hus der. Han laga lauvhytter til buskapen sin, difor kalla han staden Sukkot.

<sup>18</sup>Jakob kom vel fram til byen Sikem, som er i landet i Kanaan, då han kom frå Paddan-Aram. Han slo leir utanfor byen.

<sup>19</sup>Jordstykket der han hadde sett opp teltet sitt, kjøpte han for hundre kesita av sønene til Hamor, far til Sikem.

<sup>20</sup>Der reiste han eit altar og kalla det El-Elohe-Israel.

## 1. Mosebok 34

### Sikem og Dina

<sup>1</sup>Dina, dottera som Lea hadde fødd Jakob, gjekk ein gong ut og ville møte jentene i landet.

<sup>2</sup>Då fekk Sikem, son til hevitten Hamor, hovdingen der i landet, sjå Dina. Han tok henne og låg med henne og krenkte henne.

<sup>3</sup>Og hugen hans stod til Dina, dotter til Jakob. Han vart glad i den unge jenta og tala til hjartet hennar.

<sup>4</sup>Sidan sa Sikem til Hamor, far sin: «Lat meg få denne jenta til kone!»

<sup>5</sup>Jakob fekk høyra at Sikem hadde gjort Dina, dotter hans, urein. Sønene hans var ute i marka med buskapen, og Jakob tagde om dette til dei kom heim.

<sup>6</sup>Hamor, far til Sikem, gjekk ut til Jakob og ville tala med han.

<sup>7</sup>Då sønene til Jakob fekk høyra det, kom dei heim frå marka. Dei sørgde og var rasande, for det var ei skammeleg gjerning Sikem hadde gjort mot Israel då han låg med dotter til Jakob. Slikt skulle aldri henda!

<sup>8</sup>Hamor tala med dei og sa: «Sikem, son min, har forelska seg i syster dykkar. Lat han få henne til kone!

<sup>9</sup>Knyt slektsband med oss! Gjev oss døtrene dykkar, og ta de døtrene våre til koner!

<sup>10</sup>Slå dykk ned hos oss! Landet skal liggja ope for dykk. Her kan de bu, driva handel og få dykk eigedom.»

<sup>11</sup>Sikem sa til far hennar og brørne hennar: «Berre de ser på meg med velvilje, så skal eg gje dykk det de bed om!

<sup>12</sup> Krev ein høg brurepris og ei stor gåve av meg! Eg skal gje det de vil ha, berre eg får den unge jenta til kone.»

<sup>13</sup>Då gav Jakobs-sønene eit svikefullt svar til Sikem og Hamor, far hans. For Sikem hadde gjort Dina, syster deira, urein.

<sup>14</sup>Dei sa til dei: «Dette kan vi ikkje gjera. Å gje syster vår til ein uomskoren mann, det ville vera ei skam for oss.

<sup>15</sup> Berre på eitt vilkår kan vi bli samde med dykk: at de blir som oss, og at alle menn hos dykk blir omskorne.

<sup>16</sup>Då skal vi gje dykk døtrene våre og ta dykkar døtrer til koner. Vi skal bu saman med dykk, så vi blir eitt folk.

<sup>17</sup>Men vil de ikkje høyra på oss og la dykk omskjera, så tek vi syster vår og fer bort.»

<sup>18</sup>Både Hamor og Sikem, son hans, tykte vel om det dei sa.

<sup>19</sup>Den unge mannen var ikkje sein med å gjera som dei bad om, for han heldt av dotter til Jakob. Han var den fremste av alle i farshuset.

<sup>20</sup> Så gjekk Hamor og Sikem, son hans, til byporten og sa til mennene i byen:

<sup>21</sup>«Desse mennene er venlegsinna mot oss. Lat dei bu i landet og driva handel her! Landet er då vidt nok for dei. Vi vil ta døtrene deira til koner og gje dei våre døtrer.

<sup>22</sup>Men berre på eitt vilkår vil mennene gå med på å bu saman med oss så vi blir eitt folk: Alle menn hos oss må la seg omskjera, som dei sjølv er omskorne.

<sup>23</sup>Buskapen og eigedomen deira, alt feet deira, blir jo vårt, berre vi gjer som dei vil, så dei slår seg ned hos oss.»

<sup>24</sup>Alle som gjekk ut av byporten, lydde Hamor og Sikem, son hans. Alle lét dei seg omskjera.

<sup>25</sup> Men den tredje dagen, då dei endå hadde smerter, tok dei to Jakobs-sønene Simon og Levi, brørne til Dina, kvart sitt sverd. Dei kom seg uhindra inn i byen og drap alle mannfolk.

<sup>26</sup>Dei drap Hamor og Sikem, son hans, med sverd. Så tok dei Dina ut or huset til Sikem og drog bort.

<sup>27</sup>Sønene til Jakob kom over dei drepne og plyndra byen fordi dei hadde gjort syster deira urein.

<sup>28</sup>Dei tok småfeet og storfeet og esla deira, både det som var i byen, og det som var ute på marka.

<sup>29</sup>Alt av verdi og alle kvinnene og borna deira førte dei bort som bytte; alt som var i husa, rana dei.

<sup>30</sup>Då sa Jakob til Simon og Levi: «De har ført ulukke over meg. De har gjort meg hata av folket i landet, kanaanearane og perisittane. Eg har berre nokre få menn. Samlar dei seg imot meg, kjem dei til å slå meg, og eg og mitt hus kjem til å bli utrydda.»

<sup>31</sup>Men dei svara: «Skulle han få fara åt med syster vår som med ei hore?»

## 1. Mosebok 35

### Jakob i Betel

- <sup>1</sup> Gud sa til Jakob: «Bryt opp, dra til Betel og slå deg ned der! Der skal du byggja eit altar for Gud, han som synte seg for deg då du rømde frå Esau, bror din.»
- <sup>2</sup> Då sa Jakob til sitt hus og til alle dei som var med han: «Få bort dei framande gudane som finst hos dykk, reins dykk og skift klede!
- <sup>3</sup> Vi skal bryta opp og dra til Betel! Der vil eg byggja eit altar for Gud, han som svara meg den dagen eg var i naud, og som var med meg på vegen.»
- <sup>4</sup> Då gav dei Jakob alle dei framande gudane dei hadde hos seg, og ringane som dei hadde i øyra, og Jakob gøymde alt under eika som står ved Sikem.
- <sup>5</sup> Då dei braut opp, kom ei redsle frå Gud over byane der omkring, så ingen sette etter sønene til Jakob.
- <sup>6</sup> Jakob kom til Lus i Kanaan, det er Betel, han og alt folket som var med han.
- <sup>7</sup> Der bygde han eit altar og kalla staden El-Betel, for der hadde Gud openberra seg for han då han rømde frå bror sin.
- <sup>8</sup> Debora, amma til Rebekka, døydde og vart gravlagd nedanfor Betel, under eika; den kalla dei Gråteeika.
- <sup>9</sup> Etter at Jakob var komen heim frå Paddan-Aram, synte Gud seg på nytt for han og velsigna han.
- <sup>10</sup> Gud sa til han: «Namnet ditt er Jakob. Men no skal du ikkje lenger heita Jakob; Israel skal vera namnet ditt.» Slik fekk han namnet Israel.
- <sup>11</sup> Så sa Gud til han: «Eg er Gud, Den veldige. Ver fruktbar og bli talrik! Eit folk, ja, mange folkeslag skal stamma frå deg, det skal vera kongar mellom etterkomarane dine.
- <sup>12</sup> Det landet eg gav til Abraham og Isak, gjev eg deg. Til di ætt etter deg gjev eg landet.»
- <sup>13</sup> Så fór Gud opp frå han, frå den staden der han hadde tala med han.
- <sup>14</sup> Jakob reiste ei støtte på denne staden, ei støtte av stein. Han auste drikkoffer på steinen og slo olje over han.

<sup>15</sup>Og Jakob kalla staden der Gud hadde tala med han, Betel.

### **Rakel døyr**

<sup>16</sup>Så tok dei ut frå Betel. Då dei endå hadde eit stykke att til Efrat, fødde Rakel eit barn. Det var ein hard fødsel.

<sup>17</sup>Medan ho låg i harde fødselsrier, sa jordmora til henne: «Ver ikkje redd! For også denne gongen får du ein son.»

<sup>18</sup>Ho var i ferd med å døy, og idet livet ebba ut, gav ho han namnet Ben-Oni. Men faren kalla han Benjamin.

<sup>19</sup>Rakel døydde og vart gravlagd ved vegen til Efrat, det er Betlehem.

<sup>20</sup>Og Jakob reiste ei steinstøtte på grava hennar. Det er gravsteinen til Rakel, som står der den dag i dag.

<sup>21</sup>Så drog Israel vidare og slo opp teltet sitt bortanfor Migdal-Eder.

<sup>22</sup>Medan Israel budde der i landet, gjekk Ruben av stad og låg med Bilha, følgjekona til far sin. Og Israel fekk vita det.

### **Sønene til Jakob**

Jakob hadde tolv søner.

<sup>23</sup>Sønene til Lea var Ruben, den førstefødde sonen til Jakob, Simon, Levi, Juda, Jissakar og Sebulon.

<sup>24</sup>Sønene til Rakel var Josef og Benjamin.

<sup>25</sup>Sønene til Bilha, slavekvinna til Rakel, var Dan og Naftali.

<sup>26</sup>Og sønene til Silpa, slavekvinna til Lea, var Gad og Asjer. Dette var dei sønene Jakob fekk i Paddan-Aram.

### **Isak døyr**

<sup>27</sup>Jakob kom til Isak, far sin, i Mamre ved Kirjat-Arba, det er Hebron, der Abraham og Isak hadde halde til.

<sup>28</sup>Isak levde i 180 år.

<sup>29</sup>Så anda Isak ut og døydde. Han vart sameina med folket sitt, gammal og mett av dagar. Sønene hans, Esau og Jakob, gravla han.

## 1. Mosebok 36

### Slekta til Esau

<sup>1</sup> Dette er slektshistoria til Esau, det vil seia Edom.

<sup>2</sup> Esau tok seg koner mellom Kanaans døtrar: Ada, dotter til hetitten Elon, Oholibama, dotter til Ana, som var son til hevitten Sibon,

<sup>3</sup> og Basmat, dotter til Ismael, syster til Nebajot.

<sup>4</sup> Ada fødte Esau sonen Elifas, og Basmat fødte Re'uel;

<sup>5</sup> Oholibama fødte Je'usj, Jalam og Korah. Dette var dei sønene som Esau fekk i Kanaan.

<sup>6</sup> Esau tok konene sine, sønene og døtrene sine og heile huslyden sin, buskapen, alle husdyra sine og alle egedelane han hadde samla seg i Kanaan, og drog til eit land borte frå Jakob, bror sin.

<sup>7</sup> For dei eigde for mykje til å kunna bu saman. Landet der dei budde som innflyttarar, kunne ikkje fø dei, så stor var buskapen deira.

<sup>8</sup> Esau slo seg då ned i Se'ir-fjella. Esau, det er Edom.

<sup>9</sup> Dette er slektshistoria til Esau, stamfar til edomittane i fjellandet Se'ir.

<sup>10</sup> Dette er namna på sønene til Esau: Elifas, son til Ada, kona åt Esau, og Re'uel, son til Basmat, kona åt Esau.

<sup>11</sup> Sønene til Elifas var Teman, Omar, Sefo, Gatam og Kenas.

<sup>12</sup> Elifas, son til Esau, hadde ei følgjekone som heitte Timna, og ho fødte han Amalek. Dette var etterkomarane av Ada, kona til Esau.

<sup>13</sup> Og dette er sønene til Re'uel: Nahat, Serah, Sjamma og Missa. Dette var etterkomarane av Basmat, kona til Esau.

<sup>14</sup> Og dette er sønene Esau fekk med kona si Oholibama, dotter til Ana, son åt Sibon: Je'usj, Jalam og Korah.



<sup>15</sup>Dette er stammehovdingane i ætta til Esau: Sønene til Elifas, den førstefødde sonen til Esau, var hovdingane Teman, Omar, Sefo, Kenas,

<sup>16</sup>Korah, Gatam og Amalek. Det er dei hovdingane som stammar frå Elifas i Edom. Dei er etterkomarar av Ada.

<sup>17</sup>Og dette er sønene til Re'uel, son åt Esau: hovdingane Nahat, Serah, Sjamma og Missa. Det er dei hovdingane som stammar frå Re'uel i Edom. Dei er etterkomarar av Basmat, kona til Esau.

<sup>18</sup>Og dette er sønene til Oholibama, kona åt Esau: hovdingane Je'usj, Jalam og Korah. Det er dei hovdingane som stammar frå Oholibama, dotter til Ana, kona åt Esau.

<sup>19</sup>Dette var sønene til Esau, det er Edom, og dei hovdingane som stammar frå dei.

<sup>20</sup> Dette er sønene til horitten Se'ir, som budde i landet: Lotan, Sjobal, Sibon, Ana,

<sup>21</sup>Disjon, Eser og Disjan. Det er hovdingane til horittane, sønene åt Se'ir i Edom.

<sup>22</sup>Sønene til Lotan var Hori og Hemam, og syster hans var Timna.

<sup>23</sup>Dette er sønene til Sjobal: Alvan, Manahat, Ebal, Sjefo og Onam.

<sup>24</sup>Dette er sønene til Sibon: Ajja og Ana. Det er den Ana som fann dei varme kjeldene i ørkenen då han gjette esla til Sibon, far sin.

<sup>25</sup>Dette er borna til Ana: Disjon og dottera Oholibama.

<sup>26</sup>Og dette er sønene til Disjon: Hemdan, Esjban, Jitran og Keran.

<sup>27</sup>Dette er sønene til Eser: Bilhan, Saavan og Akan.

<sup>28</sup>Og dette er sønene til Disjan: Us og Aran.

<sup>29</sup>Dette er stammehovdingane til horittane: hovdingane Lotan, Sjobal, Sibon, Ana,

<sup>30</sup>Disjon, Eser og Disjan. Dette var hovdingane til horittane i Se'ir, hovding for hovding.

<sup>31</sup>Dette er dei kongane som rådde i Edom før det var nokon konge over Israel:

<sup>32</sup>Bela, son til Beor, var konge i Edom, og byen hans heitte Dinhaba.

<sup>33</sup>Då Bela døydde, vart Jobab, son til Serah frå Bosra, konge etter han.

<sup>34</sup>Då Jobab døydde, vart Husjam frå Teman konge etter han.

<sup>35</sup>Då Husjam døydde, vart Hadad, son til Bedad, konge etter han. Det var han som slo midjanittane på slettelandet i Moab. Byen hans heitte Avit.

<sup>36</sup>Då Hadad døydde, vart Samla frå Masreka konge etter han.

<sup>37</sup>Då Samla døydde, vart Saul frå Rehobot ved elva konge etter han.

<sup>38</sup>Då Saul døydde, vart Baal-Hanan, son til Akbor, konge etter han.

<sup>39</sup>Då Baal-Hanan, son til Akbor, døydde, vart Hadar konge etter han. Byen hans heitte Pa'u, og kona hans heitte Mehetabel. Ho var dotter til Matred, dotter til Mesahab.

<sup>40</sup>Dette er namna på stammehovdingane til Esau, nemnde etter slekt, bustad og namn: hovdingane Timna, Alva, Jetet,

<sup>41</sup>Oholibama, Ela, Pinon,

<sup>42</sup>Kenas, Teman, Mibsar,

<sup>43</sup>Magdiel og Iram. Dette var hovdingane i Edom etter bustad i det landet dei eigde. Edom er Esau, stamfar til edomittane.

## 1. Mosebok 37

### Josef og brørne hans

<sup>1</sup>Jakob vart buande i Kanaan, det landet far hans hadde budd i som innflyttar.

<sup>2</sup>Dette er slektshistoria til Jakob. Då Josef var sytten år gammal, gjette han småfeet i lag med brørne sine. Som ung gut var han saman med sønene til

Bilha og Silpa, konene til faren. Og alt det vonde han hørde om dei, gjekk han til faren med.

<sup>3</sup>Israel elska Josef meir enn alle dei andre sønene, for han hadde fått han på sine gamle dagar. Han laga ein forseggjord kjortel til han.

<sup>4</sup>Men då brørne såg at far deira heldt meir av han enn av alle dei andre, la dei han for hat og kunne ikkje seia eit venleg ord til han.

<sup>5</sup>Ein gong hadde Josef ein draum. Den fortalde han brørne sine. Då hata dei han endå meir.

<sup>6</sup>Han sa til dei: «Høyr kva eg har drøymt!

<sup>7</sup>Sjå, vi var ute på åkeren og batt kornband, og kornbandet mitt reiste seg og vart ståande, medan kornbanda dykkar stilte seg rundt mitt og bøygde seg for det.»

<sup>8</sup>Då sa brørne til han: «Skal du vera konge over oss? Skal du rå over oss?» Så hata dei han endå meir for draumane hans og for det han sa.

<sup>9</sup>Josef hadde endå ein draum og fortalde han til brørne sine. «No har eg hatt endå ein draum», sa han. «Sjå, sola og månen og elleve stjerner bøygde seg for meg.»

<sup>10</sup>Då han fortalde draumen til faren og brørne, irettesette faren han og sa: «Kva slag draum er det du har hatt? Skulle eg og mor di og brørne dine verkeleg koma og bøya oss til jorda for deg?»

<sup>11</sup>Brørne var misunnelege, men faren merka seg det han hadde sagt.

<sup>12</sup>Ein gong var brørne hans ute og gjette småfeet til faren ved Sikem.

<sup>13</sup>Då sa Israel til Josef: «Brørne dine gjeter ved Sikem. Kom, eg vil senda deg til dei.» Han svara: «Her er eg.»

<sup>14</sup>Då sa far hans: «Gå no og sjå korleis det står til med brørne dine og med småfeet. Kom så og sei meg det!» Så sende faren han i veg frå Hebron-dalen, og han kom til Sikem.

<sup>15</sup>Ein mann trefte på han medan han flakka omkring på marka. «Kva leitar du etter?» spurde mannen.

<sup>16</sup>«Eg leitar etter brørne mine», svara han. «Kan du seia meg kvar dei gjeter?»

<sup>17</sup> Mannen sa: «Dei er farne herifrå, for eg høyrde at dei sa: Kom, vi dreg til Dotan!» Då gjekk Josef etter brørne sine og fann dei i Dotan.

<sup>18</sup>Dei såg han på lang avstand, og før han kom fram, la dei planar om å ta livet hans.

<sup>19</sup>Dei sa seg imellom: «Sjå, der kjem denne stordrøymaren.

<sup>20</sup>Kom, vi drep han! Vi kastar han i ein av brønnane og seier at eit rovdyr har ete han opp. Så skal vi sjå kva det blir av draumane hans.»

<sup>21</sup> Men då Ruben høyrde det, ville han berga han frå dei. Han sa: «Vi må ikkje slå han i hel!»

<sup>22</sup>Så sa Ruben til dei: «Lat det ikkje renna blod! Kast han ned i denne brønnen her i ørkenen, men legg ikkje hand på han.» Dette sa han for å berga han frå dei og ta han med attende til far hans.

<sup>23</sup>Då Josef kom fram til brørne sine, reiv dei av han den fine kjortelen han hadde på seg.

<sup>24</sup> Så tok dei og kasta han i brønnen. Brønnen var tom, det fanst ikkje vatn der.

<sup>25</sup>Så sette dei seg og ville eta. Då dei såg opp, fekk dei auge på ein karavane med ismaelittar som kom frå Gilead. Kamelane bar gummi, balsam og harpiks som dei skulle føra ned til Egypt.

<sup>26</sup>Då sa Juda til brørne sine: «Kva har vi att for å drepa bror vår og dekkja over blodet hans?

<sup>27</sup>Kom, så sel vi han til ismaelittane. Lat oss ikkje leggja hand på han, for han er bror vår, vårt eige kjøt.» Og brørne lydde han.

<sup>28</sup> Nokre kjøpmenn frå Midjan kom framom, og dei drog Josef opp frå brønnen. Dei selde Josef for tjue sjekel sølv til ismaelittane. Og dei tok han med seg til Egypt.

<sup>29</sup> Då Ruben kom til brønnen igjen og fekk sjå at Josef ikkje var der, reiv han sund kleda sine.

<sup>30</sup> Han gjekk tilbake til brørne og sa: «Guten er borte. Kvar skal eg no gjera av meg?»

<sup>31</sup> Då tok dei kjortelen til Josef, slakta ein geitebukk og dyppa kjortelen i blodet.

<sup>32</sup> Den fine kjortelen sende dei til faren og sa: «Denne har vi funne. Sjå etter om det ikkje er kjortelen til son din.»

<sup>33</sup> Han såg etter og sa: «Det er kjortelen til son min. Eit rovdyr har ete han opp, Josef har vorte ihelriven!»

<sup>34</sup> Og Jakob reiv sund kleda sine, batt sekkestrie kring hoftene og sørgde over son sin i lange tider.

<sup>35</sup> Alle sønene og døtrene kom og ville trøysta han, men han var ikkje til å trøysta. «Med sorg skal eg fara ned til son min i dødsriket», sa han. Og faren gret over son sin.

<sup>36</sup> Men midjanittane selde Josef i Egypt, til Potifar, som var hoffmann hos farao og sjef for livvakta.

## **1. Mosebok 38**

### **Juda og Tamar**

<sup>1</sup> På den tid drog Juda bort frå brørne sine og slo seg ned hos ein mann i Adullam som heitte Hira.

<sup>2</sup> Der fekk han sjå dotter til ein kanaanear som heitte Sjua. Han tok henne til kone og gjekk inn til henne.

<sup>3</sup> Ho vart med barn og fødde ein son. Han kalla han Er.

<sup>4</sup> Så vart ho med barn att og fødde ein son. Ho kalla han Onan.

<sup>5</sup> Sidan fekk ho endå ein son. Ho kalla han Sjela. Då han vart fødd, var Juda i Kesib.

<sup>6</sup> Juda tok ei kone til Er, den førstefødde sonen sin. Ho heitte Tamar.

<sup>7</sup> Men Er, Judas førstefødde, var vond i Herrens auge, og Herren tok livet hans.

<sup>8</sup> Då sa Juda til Onan: «Gå inn til kona åt bror din og gjer di plikt som svoger, så du kan skaffa bror din etterkomarar.»

<sup>9</sup> Men Onan visste at etterkomarane ikkje kom til å bli hans. Når han gjekk inn til kona åt bror sin, lét han sæden spillast på jorda, så han ikkje skulle gje broren etterkomarar.

<sup>10</sup> Men det Onan gjorde, var vondt i Herrens auge, og han tok livet hans òg.

<sup>11</sup> Då sa Juda til Tamar, svigerdotter si: «Du må sitja som enkje i huset til far din heilt til Sjela, son min, blir vaksen.» For han tenkte: «Berre ikkje han òg døyr slik som brørne sine.» Så drog Tamar heim og budde i huset til far sin.

<sup>12</sup> Lang tid gjekk. Så døydde dotter til Sjua, kona til Juda. Då sørgjetida var over, gjekk Juda opp til saueklipparane i Timna saman med venen sin, Hira frå Adullam.

<sup>13</sup> Tamar fekk vita at svigerfar hennar var på veg opp til Timna og skulle klippa sauene sine.

<sup>14</sup> Då la ho av seg enkjekleda og dekte seg med eit slør som ho sveipte om seg. Så sette ho seg ved inngangen til Enajim, på vegen til Timna. For ho hadde sett at Sjela var vaksen, men likevel hadde ho ikkje vorte kona hans.

<sup>15</sup> Då Juda fekk sjå henne, tenkte han at ho var ei prostituert, for ho hadde sveipt til andletet.

<sup>16</sup> Han gjekk bort til henne i vegkanten og sa: «Kom, lat meg få gå inn til deg!» For han visste ikkje at ho var svigerdotter hans. Ho sa: «Kva gjev du meg dersom du får koma inn til meg?»

<sup>17</sup>Han svara: «Eg skal senda deg eit kje av småfeet mitt.» Då sa ho: «Så gjev meg eit pant til du får sendt det!»

<sup>18</sup> «Kva skal eg gje deg i pant?» spurde han. Ho svara: «Seglet ditt og snora, og staven du har i handa.» Han gav henne det. Så fekk han koma inn til henne, og ho vart med barn.

<sup>19</sup>Ho stod opp og gjekk sin veg. Så la ho av seg sløret og tok på seg enkjekleda.

<sup>20</sup>Juda sende kjeet med venen sin frå Adullam for å få att pantet av kvinna. Men han fann henne ikkje.

<sup>21</sup> Han spurde folket på staden: «Kvar er den tempelprostituerte kvinna i Enajim, ho som sat i vegkanten?» Dei svara: «Det har ikkje vore noka prostituert kvinne her.»

<sup>22</sup>Han gjekk tilbake til Juda og sa: «Eg fann henne ikkje, dessutan sa folket på staden at det ikkje hadde vore noka tempelprostituert kvinne der.»

<sup>23</sup>Då sa Juda: «Lat henne berre ha pantet, så vi ikkje får skam av dette. Sjå, eg sende henne dette kjeet, men du fann henne ikkje.»

<sup>24</sup>Tre månader seinare vart det sagt til Juda: «Tamar, svigerdotter di, har drive hor og er med barn.» Då sa Juda: «Før henne ut, ho skal brennast!»

<sup>25</sup>Men då ho vart ført ut, sende ho bod til svigerfar sin: «Eg er med barn med den mannen som eig alt dette. Sjå etter kven det er som eig dette seglet, snorene og staven!»

<sup>26</sup>Juda kjende dei att og sa: «Ho er i sin gode rett mot meg, for eg har ikkje gjeve henne til Sjela, son min.» Sidan hadde han ikkje omgang med henne.

<sup>27</sup> Då tida kom og ho skulle føda, sjå, då var det tvillingar i morslivet hennar.

<sup>28</sup>Idet ho fødde, stakk den eine fram ei hand. Jordmora tok ein skarlakraud tråd og batt kring handa og sa: «Han kom først.»

<sup>29</sup> Men så drog han handa tilbake, og bror hans kom ut. Då sa ho: «Korleis er det du bryt deg fram?» Difor kalla dei han Peres.

<sup>30</sup>Sidan kom broren, han som hadde den skarlakraude tråden kring handa. Han kalla dei Serah.

## 1. Mosebok 39

### Josef hos Potifar

<sup>1</sup>Josef vart ført ned til Egypt. Potifar, ein egyptar som var hoffmann hos farao og sjef for livvakta, kjøpte han av ismaelittane som hadde teke han med dit.

<sup>2</sup>Herren var med Josef og lét det lukkast for han. Han vart verande i huset til den egyptiske herren sin.

<sup>3</sup>Herren hans såg at Herren var med han og lét han lukkast i alt han gjorde.

<sup>4</sup>Josef vann velvilje hos herren sin og vart tenaren hans. Potifar sette han til å styra sitt hus og lét han ta hand om alt han eigde.

<sup>5</sup>Og frå den tid egyptaren hadde sett han over sitt hus og alt han eigde, velsigna Herren huset hans på grunn av Josef. Herrens velsigning kvilte over alt det han eigde, både i huset og på marka.

<sup>6</sup>Han lét Josef ta hand om alt han eigde, og gjorde seg ingen suter, anna enn for maten han åt. Josef var velskapt og vakker.

<sup>7</sup>Ei tid etter hende det at kona til herren kasta auga sine på han. «Ligg med meg!» sa ho.

<sup>8</sup>Men han ville ikkje og sa til henne: «Sjå, herren min treng ikkje gjera seg suter om noko i huset, han har late meg ta hand om alt.

<sup>9</sup>Han er ikkje større i dette huset enn eg. Han har ikkje nekta meg noko utan deg, sidan du er kona hans. Korleis skulle eg då kunna gjera noko så vondt og synda mot Gud?»

<sup>10</sup>Dag etter dag snakka ho til Josef, men han hørde ikkje på henne og ville ikkje liggja med henne eller vera saman med henne.

<sup>11</sup>Så hende det ein dag at han kom inn i huset og skulle gjera arbeidet sitt. Ingen av husfolket var inne.



<sup>12</sup>Då greip ho fatt i kappa hans og sa: «Ligg med meg!» Men han rømde ut av huset og lét kappa vera att i hendene hennar.

<sup>13</sup>Då ho såg at han lét kappa vera att i hendene hennar og sjølv rømde ut,

<sup>14</sup>ropa ho på husfolket og sa: «Sjå! Mannen min har drege ein hebrear inn i huset som gjer oss til latter. Han kom til meg og ville liggja med meg, men eg ropa så høgt eg kunne.

<sup>15</sup>Og då han hørde at eg sette i og ropa, lét han kappa vera att hos meg og rømde ut.»

<sup>16</sup>Så tok ho vare på kappa til herren hans kom heim.

<sup>17</sup>Ho fortalde han den same historia: «Den hebraiske slaven som du har drege inn til oss, kom til meg og ville gjera meg til latter.

<sup>18</sup>Men då eg sette i og ropa, lét han kappa vera att hos meg og rømde ut.»

### **Josef i fengsel**

<sup>19</sup>Herren til Josef vart brennande harm då han hørde kva kona fortalde. «Dette har slaven din gjort mot meg», sa ho.

<sup>20</sup>Han tok Josef og sette han i fengselet der fangane til kongen sat i lenkjer. Han vart sitjande der i fengselet.

<sup>21</sup>Men Herren var med Josef og viste han miskunn. Han lét han finna godvilje hos styraren for fengselet.

<sup>22</sup>Han lét Josef ta hand om alle fangane i fengselet og alt som skulle gjerast der.

<sup>23</sup>Styraren hadde ikkje sjølv tilsyn med noko av det Josef hadde fått hand om. For Herren var med Josef. Herren lét alt han gjorde, lukkast for han.

## **1. Mosebok 40**

### **Josef tyder draumane til hoffmennene**

<sup>1</sup>Ei tid etter hende det at munnskjenken og bakaren til kongen i Egypt fornærma herren sin, kongen i Egypt.

- <sup>2</sup>Farao vart sint på dei to hoffmennene sine, overmunnskjenken og bakarmeisteren.
- <sup>3</sup>Han sette dei i forvaring hos sjefen for livvakta, i fengselet der Josef var fange.
- <sup>4</sup>Sjefen for livvakta sette Josef til å sjå etter dei og tena dei. Dei vart sitjande ei tid i forvaring.
- <sup>5</sup>Medan munnskjenken og bakaren hos kongen i Egypt sat lenkja i fengselet, hadde dei to i ei same natta kvar sin draum med ulik tyding.
- <sup>6</sup>Då Josef kom inn til dei om morgonen, såg han at dei var nedtrykte.
- <sup>7</sup>Han spurde hoffmennene til farao, som sat i forvaring saman med han i huset til herren hans: «Kvifor har de så triste andlet i dag?»
- <sup>8</sup>Dei svara: «Vi har begge hatt ein draum, men her er det ingen som kan tyda dei.» Då sa Josef til dei: «Høyrer ikkje tydinga Gud til? Fortel!»
- <sup>9</sup>Så fortalde overmunnskjenken draumen sin til Josef. Han sa: «Sjå, i draumen min stod ein vinstokk framfor meg.
- <sup>10</sup>Det var tre greiner på han. Så snart han tok til å skyta knoppar, spratt blomane, og klasane vart til mogne druer.
- <sup>11</sup>Eg heldt begeret til farao i handa. Eg tok druene, pressa dei ut i begeret og gav det til farao.»
- <sup>12</sup>Då sa Josef: «Dette er slik å tyda: Dei tre greinene er tre dagar.
- <sup>13</sup>Om tre dagar skal farao opphøgja deg og gje deg stillinga di tilbake. Du skal gje begeret til farao på same måten som før då du var munnskjenken hans.
- <sup>14</sup>Gjev du ville koma meg i hug når det går deg godt! Gjer vel å nemna meg for farao og få meg ut av dette huset.
- <sup>15</sup>For eg er stolen frå landet til hebrearane, og her har eg ikkje gjort noko som gjer meg fortent til fangeholet.»

<sup>16</sup>Då bakarmeisteren såg at Josef hadde gjeve ei god tyding, sa han til han: «Eg òg var i draumen min. Og sjå, eg hadde tre korgar med kveitebrød på hovudet.

<sup>17</sup>I den øvste korga var det bakverk av alle slag til farao, men fuglane åt bakverket frå korga på hovudet mitt.»

<sup>18</sup>Josef svara: «Dette er tydinga: Dei tre korgene er tre dagar.

<sup>19</sup>Om tre dagar skal farao opphøgja deg og hengja deg i eit tre, og fuglane skal eta kjøtet av deg.»

<sup>20</sup>Tredje dagen – det var fødselsdagen til farao – heldt farao eit festmåltid for alle tenarane sine. Då lyfte han opp overmunnskjenken og bakarmeisteren midt blant tenarane sine.

<sup>21</sup>Overmunnskjenken gav han stillinga tilbake, så han fekk gje farao begeret,

<sup>22</sup>men bakarmeisteren hengde han. Det gjekk slik Josef hadde tydd draumane for dei.

<sup>23</sup>Men overmunnskjenken hugsa ikkje på Josef; han gløymde han.

## 1. Mosebok 41

### Josef tyder draumane til farao

<sup>1</sup>To år etter hadde farao ein draum: Sjå, han stod ved Nilen.

<sup>2</sup>Opp frå elva steig sju kyr, fine og feite, og gav seg til å beita i sivet.

<sup>3</sup>Etter dei steig sju andre kyr opp frå elva, stygge og magre, og stilte seg saman med kyrne på elvebredda.

<sup>4</sup>Dei stygge og magre kyrne åt opp dei sju fine og feite. Då vakna farao.

<sup>5</sup>Så sovna han att og drøymde for andre gong: Sjå, sju kornaks, tjukke og gode, voks på eitt og same strået.

<sup>6</sup>Etter dei skaut det opp sju andre kornaks, tynne og svidde av austavinden.

<sup>7</sup>Dei tynne aksa slukte dei sju tjukke og fulle aksa. Då vakna farao og skjønna at det var ein draum.

<sup>8</sup>Men om morgonen var han uroleg til sinns. Han sende bod etter alle spåmennene og vismennene i Egypt. Faraos fortalte dei draumane sine, men det var ingen som kunne tyda dei for han.

<sup>9</sup>Då sa overmunnskjenken til faraos: «I dag kom eg til å tenkja på syndene mine.

<sup>10</sup>Ein gong vart faraos sint på tenarane sine og sette meg og bakarmeisteren i forvaring hos sjefen for livvakta.

<sup>11</sup>I ei og same natt hadde vi kvar vår draum, eg og han, med kvar si tyding.

<sup>12</sup>Det var ein ung hebrear saman med oss der, ein slave hos sjefen for livvakta. Vi fortalte han draumane våre, og han gav draumane kvar si tyding.

<sup>13</sup>Og slik han tydde dei for oss, slik gjekk det. Faraos gav meg stillinga tilbake, men bakarmeisteren hengde han.»

<sup>14</sup>Då sende faraos bod etter Josef, og dei skunda seg og henta han ut frå fangeholet. Han barberte seg og skifte klede og gjekk så inn til faraos.

<sup>15</sup>Faraos sa til Josef: «Eg har hatt ein draum, og det er ingen her som kan tyda han. Men eg har høyrte om deg at når du høyrer ein draum, så kan du tyda han.»

<sup>16</sup>Josef svara: «Det er ikkje opp til meg, berre Gud kan gje eit svar som er godt for faraos.»

<sup>17</sup>Så sa faraos til Josef: «Sjå, i draumen stod eg ved elvebredda.

<sup>18</sup>Frå elva kom det opp sju kyr, feite og fine, og gav seg til å beita i sivet.

<sup>19</sup>Etter dei kom det opp sju andre kyr, tynne, magre og stygge. Så stygge kyr har eg aldri sett i heile Egypt.

<sup>20</sup>Og dei magre, stygge kyrne åt opp dei første sju, dei feite kyrne.

<sup>21</sup>Men då dei hadde sett dei til livs, kunne det ikkje merkast på dei; dei var like stygge som før. Då vakna eg.

<sup>22</sup>I draumen såg eg òg sju kornaks som voks på eitt strå, fulle og gode.

- <sup>23</sup>Etter dei skaut det opp sju andre aks, tørre, tynne og svidde av austavinden.
- <sup>24</sup>Dei tynne aksa slukte dei sju gode. Dette fortalde eg til spåmennene, men ingen kunne forklara det for meg.»
- <sup>25</sup>Då sa Josef til farao: «Farao har hatt ein og same draumen. Gud har late farao få vita kva han vil gjera.
- <sup>26</sup>Dei sju gode kyrne er sju år, og dei sju gode aksa er sju år. Det er ein og same draumen.
- <sup>27</sup>Dei sju magre og stygge kyrne som kjem opp etter dei, er sju år. Og dei sju kornaksa, tynne og svidde av austavinden, er sju år med hungersnaud.
- <sup>28</sup>Det var det eg meinte då eg sa til farao: Gud har vist farao kva han vil gjera.
- <sup>29</sup>Sjå, det skal koma sju år med overflod i heile Egypt.
- <sup>30</sup>Etter dei skal det koma sju år med hungersnaud, så all overfloda skal bli gløymd i Egypt. Svolten skal gjera ende på landet.
- <sup>31</sup>Ingen skal minnast overfloda i landet, for svolten som følgjer, skal bli hard.
- <sup>32</sup>Når farao hadde same draumen to gonger, kjem det av at Gud har fastsett dette. Han vil skunda seg å gjera det.
- <sup>33</sup>No må farao sjå seg ut ein vis og vitug mann og setja han over Egypt.
- <sup>34</sup>Farao må gripa inn. Han må peika ut tilsynsmenn utover landet og krevja inn ein femtedel av avlingane frå Egypt i dei sju åra det er overflod.
- <sup>35</sup>Dei skal samla all maten frå dei gode åra som kjem, og lagra treskt korn i byane under vakthald frå farao.
- <sup>36</sup>Maten skal vera forråd for landet i dei sju åra med hungersnaud som kjem over Egypt. Då skal ikkje landet gå til grunne av svolt.»

### **Josef styrer i landet**

- <sup>37</sup>Farao og alle tenarane hans syntest godt om dette rådet.
- <sup>38</sup>Og farao sa til tenarane sine: «Finst det nokon mann som denne, ein som har Guds ande i seg?»

- <sup>39</sup>Så sa farao til Josef: «Sidan Gud har late deg få vita alt dette, finst det ingen så vis og vitug som du.
- <sup>40</sup>Du skal styra mitt hus, og heile folket mitt skal retta seg etter det du seier. Berre når det gjeld trona, skal eg vera større enn deg.»
- <sup>41</sup>Og farao sa til Josef: «Sjå, eg set deg over heile Egypt.»
- <sup>42</sup>Så tok han signetringen av handa si og sette han på handa til Josef. Han kledde han i linklede og hengde ei gullkjede om halsen på han.
- <sup>43</sup>Han lét Josef køyra i den nest beste vogna si, og dei ropa framfor han: «Bøy kne!» Slik sette farao han over heile Egypt.
- <sup>44</sup>Og han sa til Josef: «Eg er farao, men utan løyve frå deg skal ingen lyfta hand eller fot i heile Egypt.»
- <sup>45</sup>Farao kalla Josef Safenat-Paneah og gav han Asenat til kone. Ho var dotter til Potifera, presten i On. Sidan drog Josef omkring i Egypt.
- <sup>46</sup>Josef var tretti år gammal då han steig fram for farao, kongen i Egypt. Så drog Josef bort frå farao og reiste over heile Egypt.
- <sup>47</sup>Jorda bar så det bogna dei sju åra det var overflod.
- <sup>48</sup>Han samla allslags grøde i dei sju åra landet fekk, og han lagra henne i byane. I kvar by lagra han grøda frå markene omkring.
- <sup>49</sup>Slik samla Josef treskt korn i mengder så store som havsens sand, heilt til han gav opp å rekna, for det lét seg ikkje rekna.
- <sup>50</sup>Før det første året med hungersnaud kom, fekk Josef to søner med Asenat, dotter til Potifera, presten i On.
- <sup>51</sup>Den førstefødde kalla han Manasse. «For Gud har late meg gløyma alt mitt strev og heile farshuset mitt.»
- <sup>52</sup>Den andre kalla han Efraim. «For Gud har gjort meg fruktbar i landet der eg vart plaga.»
- <sup>53</sup>Dei sju gode åra i Egypt tok slutt.

<sup>54</sup>Så byrja dei sju åra med hungersnaud, slik Josef hadde sagt. Det vart hungersnaud i alle land, men i heile Egypt fanst det mat.

<sup>55</sup>Då heile Egypt leid av svolt, ropa folk til farao etter brød. Han sa til dei: «Gå til Josef og gjer det han seier dykk!»

<sup>56</sup>Det vart hungersnaud over heile jorda. Då opna Josef alle lagera og selde korn til egyptarane, for hungersnauda var hard i Egypt.

<sup>57</sup>Og heile verda kom til Egypt for å kjøpa korn frå Josef, for hungersnauda var hard over heile jorda.

## 1. Mosebok 42

### Brørne kjem til Egypt

<sup>1</sup>Då Jakob fekk vita at det var korn i Egypt, sa han til sønene sine: «Kvifor sit de og ser på kvarandre?

<sup>2</sup>Eg høyrer», sa han, «at det er korn i Egypt. Dra dit ned og kjøp korn til oss, så vi kan leva og ikkje døy!»

<sup>3</sup>Ti av brørne til Josef drog då for å kjøpa korn i Egypt.

<sup>4</sup>Men Jakob sende ikkje Benjamin, bror til Josef, av stad med brørne, for han sa: «Han kunne bli ramma av ei ulukke.»

<sup>5</sup>Såleis var Israels søner blant dei som kom for å kjøpa korn, for det var hungersnaud i Kanaan.

<sup>6</sup>No var det Josef som styrte landet, og det var han som selde korn til folket der. Brørne til Josef kom og kasta seg ned for han med andletet mot jorda.

<sup>7</sup>Då Josef såg brørne sine, kjende han dei att, men han lét som om han ikkje kjende dei. Han tala strengt til dei: «Kvar kjem de frå?» Dei svara: «Vi kjem frå landet Kanaan for å kjøpa mat.»

<sup>8</sup>Josef kjende att brørne sine, men dei kjende ikkje han.

<sup>9</sup>Han kom i hug draumane han hadde hatt om dei, og sa: «De er spionar! De er komne for å sjå kvar landet ligg ope.»

- <sup>10</sup>«Nei, herre», svara dei, «tenarane dine er komne for å kjøpa mat.
- <sup>11</sup>Vi er alle sønene til ein og same mannen. Vi er ærlege folk! Tenarane dine er ikkje spionar.»
- <sup>12</sup>Men han svara dei: «Jau, de er komne for å sjå kvar landet ligg ope.»
- <sup>13</sup>Då sa dei: «Tenarane dine var tolv brør, sønene til ein og same mannen i Kanaan. Den yngste er hos far vår i dag, og ein er ikkje meir.»
- <sup>14</sup>Men Josef sa til dei: «Det er som eg har sagt: De er spionar!
- <sup>15</sup>Slik skal de bli sette på prøve: Så sant farao lever, de slepp ikkje herifrå utan at yngste bror dykkar kjem hit!
- <sup>16</sup>Lat ein av dykk reisa og henta bror dykkar, medan de andre blir verande her som fangar. Slik skal det prøvast om de talar sant. Gjer de ikkje det, er de spionar, så sant som farao lever.»
- <sup>17</sup>Så heldt han dei i forvaring i tre dagar.
- <sup>18</sup>Tredje dagen sa Josef til dei: «Gjer de som eg seier, skal de få leva, for eg fryktar Gud.
- <sup>19</sup>No får vi sjå om de er ærlege. Ein av brørne dykkar skal vera att i forvaring medan de andre skal dra i veg med korn til dei som svelt heime hos dykk.
- <sup>20</sup>Kom så hit til meg med yngste bror dykkar. Då er ordet dykkar til å lita på, og de skal sleppa å døy.» Og såleis gjorde dei.
- <sup>21</sup>Dei sa til kvarandre: «Sanneleg, vi er skuldige! Vi såg at bror vår var i stor naud då han bad oss om nåde, men vi høyrde ikkje på han. Difor er vi òg no komne i naud.»
- <sup>22</sup>Ruben svara dei: «Sa eg ikkje at de ikkje måtte gjera guten noko vondt? Men de ville ikkje høyra, så no blir det kravd hemn for blodet hans.»
- <sup>23</sup>Dei visste ikkje at Josef skjønna dette, for han brukte tolk.
- <sup>24</sup>Og han snudde seg frå dei og gret. Så kom han att og tala med dei. Og han tok Simon og batt han framfor auga deira.



<sup>25</sup>Josef baud at sekkene deira skulle fyllast med korn. Pengane skulle leggjast tilbake i sekkene, og dei skulle få mat med på vegen. Og slik vart det gjort.

<sup>26</sup>Så leste dei kornet på esla og drog derifrå.

<sup>27</sup>Men ein av dei opna sekken sin og ville gje eselet fôr der dei overnatta. Då fekk han auge på pengane, for dei låg øvst i sekken.

<sup>28</sup>Han sa til brørne: «Pengane mine er lagde tilbake! Sjå, dei ligg i sekken min!» Med hjartet i halsen sa dei skjelvande til kvarandre: «Kva er det Gud har gjort mot oss?»

<sup>29</sup>Så kom dei heim til far sin Jakob i Kanaan. Dei fortalde han alt det som hadde hendt dei:

<sup>30</sup>«Mannen som er herre i landet, tala strengt til oss og tok oss for å vera slike som ville spionera der i landet.

<sup>31</sup>Då sa vi til han: Vi er ærlege folk og ikkje spionar.

<sup>32</sup>Vi var tolv brør, søner av same far. Ein av oss er ikkje meir, og den yngste er i dag heime hos far vår i Kanaan.

<sup>33</sup>Mannen som er herre i landet, sa då til oss: Slik skal eg vita om de er ærlege: Lat ein av brørne bli att hos meg, ta så med dykk det de treng til dei som svelt heime hos dykk, og dra i veg.

<sup>34</sup>Kom så til meg med den yngste bror dykkar. Då kan eg vita at de ikkje er spionar, men ærlege folk. Så skal de få att bror dykkar, og de kan handla fritt i landet.»

<sup>35</sup>Då dei tømde sekkene, fann kvar av dei pengepungen sin der. Både dei og far deira vart redde då dei fekk auge på pengepungane.

<sup>36</sup>Jakob, far deira, sa til dei: «De gjer meg barnlaus! Josef er ikkje meir, Simon er ikkje meir, og no vil de ta Benjamin. Alt går meg imot.»

<sup>37</sup>Då sa Ruben til far sin: «Du kan ta livet av begge sønene mine dersom eg ikkje kjem att til deg med Benjamin. Gjev han over i mi hand, og eg skal føra han tilbake!»

<sup>38</sup> Men han svara: «Son min skal ikkje dra ned saman med dykk. Bror hans er død, og han er åleine att. Blir han ramma av ei ulukke på reisa de no legg ut på, då sender de meg gråhåra og sorgtung ned i dødsriket.»

## 1. Mosebok 43

### Brørne reiser til Egypt att

<sup>1</sup>Hungersnauda låg tungt over landet.

<sup>2</sup>Då dei hadde brukt opp kornet dei henta i Egypt, sa far deira: «Dra av stad att og kjøp litt mat til oss!»

<sup>3</sup> Men Juda svara: «Mannen åtvara oss og sa: De får ikkje tre fram for meg om ikkje bror dykkar er med dykk.

<sup>4</sup>Dersom du sender bror vår med oss, skal vi dra ned og kjøpa mat til deg.

<sup>5</sup>Men dersom du ikkje gjer det, dreg vi ikkje. For mannen sa til oss: De får ikkje tre fram for meg utan at bror dykkar er med dykk.»

<sup>6</sup>Då sa Israel: «Kvifor gjorde de meg vondt og fortalde mannen at de har endå ein bror?»

<sup>7</sup>Dei svara: «Mannen spurde oss nøye ut både om oss sjølve og om slekta vår. Han sa: Lever far dykkar enno? Har de nokon bror? Og vi svara på det han spurde om. Korleis kunne vi vita at han ville seia: Kom hit med bror dykkar!»

<sup>8</sup>Då sa Juda til Israel, far sin: «Send guten med meg! Lat oss bryta opp og dra av stad, så vi kan leva og ikkje døy, både vi, du og borna våre.

<sup>9</sup>Eg skal svara for han; frå mi hand kan du krevja han att. Kjem eg ikkje att med han og set han framfor deg, vil eg vera skuldig for deg heile mitt liv.

<sup>10</sup>Hadde vi ikkje drygd så lenge, kunne vi no ha nådd fram og tilbake to gonger.»

<sup>11</sup>Då sa Israel, far deira, til dei: «Er det ikkje anna råd, så gjer slik: Ta med i sekkene dykkar ei gåve til mannen, noko av det beste som finst i landet, litt balsam og litt honning, gummi og harpiks, pistasjnøtter og mandlar!

<sup>12</sup>Og ta dobbelt så mange pengar med dykk, så de kan levera tilbake pengane de fekk att, dei som låg øvst i sekkene. Kanskje det var eit mistak.

<sup>13</sup>Ta så bror dykkar, bryt opp og dra tilbake til mannen!

<sup>14</sup>Måtte Gud, Den veldige, la dykk finna miskunn hos denne mannen, så han sender med dykk den andre bror dykkar og Benjamin. Skal eg bli barnlaus, så blir eg barnlaus.»

<sup>15</sup>Så tok mennene med seg denne gåva, dobbelt så mange pengar, og Benjamin. Dei braut opp og drog ned til Egypt og steig fram for Josef.

<sup>16</sup>Då Josef såg at Benjamin var med dei, sa han til styraren for huset sitt: «Før desse mennene heim, slakt og stell til, for dei skal eta hos meg ved middagstid!»

<sup>17</sup>Mannen gjorde som Josef sa. Han tok dei med inn i huset til Josef.

<sup>18</sup>Men då dei vart førte inn i huset til Josef, vart dei redde. Dei sa: «Det er vel på grunn av pengane som vart lagde tilbake i sekkene våre førre gongen, at vi blir førte hit. No kan dei overfalla oss, kasta seg over oss, gjera oss til slavar og ta esla våre.»

<sup>19</sup>Dei gjekk bort til styraren for Josefs hus og tala med han ved inngangen til huset.

<sup>20</sup>«Orsak, herre», sa dei, «vi har vore her nede ein gong før og kjøpt mat.

<sup>21</sup>Men då vi slo leir for natta og opna sekkene våre, fann kvar av oss pengane øvst i sekken, det var våre egne pengar i si fulle vekt. No har vi dei med oss attende.

<sup>22</sup>Vi har òg med oss meir pengar til å kjøpa mat for. Vi veit ikkje kven som la pengane i sekkene våre.»

<sup>23</sup> Då sa han: «Fred vere med dykk, ver ikkje redde! Dykkar Gud, Gud til far dykkar, har gjeve dykk ein skatt i sekkene. Pengane dykkar har eg fått.» Så førte han Simon ut til dei.

<sup>24</sup>Sidan førte mannen dei inn i huset til Josef. Han gav dei vatn så dei fekk vaska føtene, og han gav fôr til esla deira.

<sup>25</sup>Og dei gjorde gåva klar før Josef skulle koma ved middagstid, for dei hadde høyrte at dei skulle eta der.

<sup>26</sup>Så kom Josef heim, og dei bar fram gåva dei hadde med seg inn i huset, og kasta seg til jorda for han.

<sup>27</sup>Han spurde korleis det stod til med dei. Så sa han: «Står det bra til med den gamle far dykkar som de tala om? Lever han enno?»

<sup>28</sup>«Ja», svara dei, «det står bra til med far vår, tenaren din, han lever enno.» Dei bøygde seg og kasta seg ned for han.

<sup>29</sup>Då fekk han auge på Benjamin, bror sin, og sa: «Er dette yngste bror dykkar, han de fortalde meg om? Gud vere deg nådig, son min!»

<sup>30</sup>Josef skunda seg bort, for kjærleiken til broren loga opp i han, så han måtte gråta. Og han gjekk inn i kammeret sitt og gret.

<sup>31</sup>Så vaska han seg i andletet og gjekk ut att. Han la band på seg og sa: «Set fram maten!»

<sup>32</sup> Dei sette fram for han og for brørne og for egyptarane som åt hos han, kvar for seg. For egyptarane kunne ikkje eta i lag med hebrearane; det var noko avskyeleg for dei.

<sup>33</sup>Brørne fekk sitja rett framfor Josef, den eldste øvst og den yngste nedst. Då såg dei på kvarandre og undrast.

<sup>34</sup>Han lét dei få av rettene på sitt eige bord, og han lét Benjamin få fem gonger så mykje som dei andre. Og dei drakk seg fulle saman med han.

## 1. Mosebok 44

### Sølvbegeret i sekken

<sup>1</sup>Sidan sa Josef til styraren for huset sitt: «Fyll sekkene til desse mennene med korn, så mykje dei orkar å bera, og legg pengane til kvar av dei øvst i sekken!»

<sup>2</sup>Legg så begeret mitt, sølvbegeret, øvst i sekken til den yngste, saman med kornpengane hans!» Og han gjorde som Josef sa.

<sup>3</sup>Då det vart lyst neste morgon, vart dei sende av stad med esla sine.

<sup>4</sup>Dei drog ut frå byen, men var ikkje komne langt før Josef sa til styraren: «Set etter mennene! Når du tek dei att, skal du seia: Kvifor løner de godt med vondt?

<sup>5</sup>Er ikkje dette det begeret som herren min drikk av, og som han spår i? Det er vondt, det de har gjort!»

<sup>6</sup>Han tok dei att og sa dette til dei.

<sup>7</sup>Men dei svara han: «Kvifor seier herren vår dette? Det kunne ikkje falla tenarane dine inn å gjera noko slikt!

<sup>8</sup>Sjå, pengane vi fann øvst i sekkene våre, tok vi med oss tilbake til deg frå Kanaan. Kvifor skulle vi stela sølv eller gull frå huset til herren din?

<sup>9</sup>Den av tenarane dine som begeret blir funne hos, skal døy, og vi andre skal vera slavar for herren vår.»

<sup>10</sup>Han svara: «Det skal bli som de seier denne gongen òg. Den som begeret blir funne hos, skal vera slaven min, de andre skal vera utan skuld.»

<sup>11</sup>Så skunda dei seg og lyfte kvar sin sekk ned på jorda og opna dei.

<sup>12</sup>Han undersøkte dei, byrja hos den eldste og enda hos den yngste. Og begeret vart funne i sekken til Benjamin.

<sup>13</sup>Då reiv dei sund kleda sine, leste på kvart sitt esel og drog tilbake til byen.

<sup>14</sup>Då Juda og brørne hans kom inn i huset til Josef, var Josef der enno. Og dei kasta seg til jorda for han.

<sup>15</sup>Josef sa til dei: «Kva er det de har gjort? Veit de ikkje at ein mann som eg kan spå?»

<sup>16</sup>«Kva skal vi svara, herre?» sa Juda. «Kva kan vi seia? Korleis kan vi visa at vi er skuldlause? Gud har funne skuld hos tenarane dine. No er vi slavane dine, herre, både vi og han begeret vart funne hos.»

<sup>17</sup>Men Josef sa: «Det kunne ikkje falla meg inn å gjera slikt! Mannen som hadde begeret, skal vera slaven min. De andre kan dra opp til far dykkar.»

<sup>18</sup>Då gjekk Juda bort til han og sa: «Orsak, herre. Høyr kva tenaren din har å seia, og bli ikkje sint på tenaren din, du er då sjølv lik farao.

<sup>19</sup>Herren min spurde tenarane sine: Har de nokon far eller bror?

<sup>20</sup>Og vi svara: Vi har ein gammal far, og han fekk ein gut på sine gamle dagar. Bror til guten er død, og han er åleine att etter mor si. Far hans elsker han.

<sup>21</sup>Då sa du til tenarane dine: Kom ned til meg med han så eg kan sjå han med egne auge!

<sup>22</sup>Men vi svara herren vår: Guten kan ikkje gå frå far sin; gjer han det, døyr faren.

<sup>23</sup>Men du sa til tenarane dine: Kjem ikkje yngste bror dykkar hit saman med dykk, skal de ikkje få tre fram for meg.

<sup>24</sup>Då vi så kom heim att til far vår, tenaren din, fortalde vi han kva du hadde sagt, herre.

<sup>25</sup>Han sa: Dra av stad att og kjøp litt mat til oss.

<sup>26</sup>Vi svara: Vi kan ikkje dra ned utan at den yngste bror vår er med. Dreg vi utan bror vår, får vi ikkje sjå mannen.

<sup>27</sup>Då sa far vår, tenaren din, til oss: De veit at kona mi fødde meg to søner.

<sup>28</sup>Den eine vart borte for meg. Eg sa at han sikkert var riven i hel, og eg har ikkje sett han sidan.

<sup>29</sup>Om de òg tek denne frå meg og det skulle skje ei ulukke med han, då sender de meg gråhåra og sorgtung ned i dødsriket.

<sup>30</sup>Kjem eg no til far min, tenaren din, utan guten som han med heile si sjel er så knytt til,

<sup>31</sup>då døyr han når han ser at guten ikkje er med oss. Tenarane dine kjem til å senda far vår, tenaren din, gråhåra og sorgtung ned i dødsriket.

<sup>32</sup> For eg, tenaren din, svara for ungguten framfor far vår og sa: Kjem eg ikkje att til deg med han, er eg skuldig for far min heile mitt liv.

<sup>33</sup>Lat no tenaren din vera att som slave for herren min i staden for guten. Så kan han dra opp saman med brørne sine.

<sup>34</sup>For korleis skulle eg kunna dra opp til far min utan guten og sjå den sorga som då ville koma over han?»

## 1. Mosebok 45

### Josef fortel kven han er

<sup>1</sup>Då kunne ikkje Josef leggja band på seg lenger for alle dei som stod omkring han. Han ropa: «Lat alle gå ut herifrå!» Såleis var det ingen andre til stades då Josef lét brørne sine få vita kven han var.

<sup>2</sup>Han brast i gråt så høgt at egyptarane høyrde det, og huset til farao fekk høyra om det.

<sup>3</sup>Så sa Josef til brørne sine: «Eg er Josef! Lever far min enno?» Men brørne kunne ikkje svara han; dei stod framfor han, slegne av skrekk.

<sup>4</sup>Josef sa til dei: «Kom hit til meg!» Dei gjekk bort til han, og han sa: Eg er Josef, bror dykkar, han de selde til Egypt.

<sup>5</sup>Ver no ikkje sorgfulle og døm ikkje dykk sjølv fordi de selde meg. Det var for å berga liv at Gud sende meg føre dykk.

<sup>6</sup>I to år har det vore hungersnaud i landet, og i enno fem år skal det korkje bli pløgd eller hausta.

<sup>7</sup>Men Gud sende meg i førevegen for å la dykk bli ein rest på jorda, så de skal leva og mange bli berga.

<sup>8</sup> Så det var ikkje de som sende meg hit, men Gud. Han sette meg til far for farao, til herre over heile hans hus og til styrar over heile Egypt.

<sup>9</sup> Skund dykk, dra opp til far og sei: Så seier Josef, son din: «Gud har sett meg til herre over heile Egypt. Kom ned til meg, og dryg ikkje!

<sup>10</sup> Du skal få bu i Gosen og vera nær meg, både du og borna og barneborna dine, småfeet og storfeet ditt og alt du eig.

<sup>11</sup> Eg skal syta for deg der, for enno kjem det fem år med hungersnaud. Korkje du eller ditt hus eller nokon av dine skal lida naud.»

<sup>12</sup> No ser de med eigne auge, både de og Benjamin, bror min, at det er eg som talar til dykk.

<sup>13</sup> Fortel far min om all den ære og makt eg har i Egypt, og om alt de har sett. Skund dykk, kom hit ned med far.

<sup>14</sup> Så kasta han seg om halsen på Benjamin, bror sin, og gret, og Benjamin gret på skuldra hans.

<sup>15</sup> Han kyste alle brørne sine og gret med dei. Etter dette tala brørne med han.

### Heimreisa

<sup>16</sup> Då dei fekk høyra i huset til farao at brørne til Josef var komne, vart farao og tenarane hans glade.

<sup>17</sup> Farao sa til Josef: «Sei til brørne dine: Dette skal de gjera: Less på dyra dykkar og far heim att til Kanaan!

<sup>18</sup> Ta så far dykkar og huslydane dykkar og kom til meg. Så skal eg gje dykk det beste landet i Egypt, og de skal eta av det feitaste i landet.

<sup>19</sup> Du skal by dei å gjera dette: Ta med vogner frå Egypt til kvinnene og borna! Hent far dykkar og kom hit!

<sup>20</sup> De skal ikkje bry dykk om tinga de eig, for det beste i heile Egypt skal høyra dykk til.»

<sup>21</sup> Israels søner gjorde så. Josef gav dei vogner, slik farao hadde sagt, og mat på vegen.



<sup>22</sup> Han gav nye klede til kvar av dei. Til Benjamin gav han tre hundre sjekel sølv og fem klesskift.

<sup>23</sup> Til far sin sende han ti esel med noko av det beste som fanst i Egypt, og ti eselhopper som bar treskt korn og brød og mat som faren skulle ha på reisa.

<sup>24</sup> Så sende han brørne sine av garde. Då dei drog, sa han: «De må ikkje kran gla på vegen!»

<sup>25</sup> Dei drog opp frå Egypt og kom til far sin, Jakob, i Kanaan.

<sup>26</sup> Dei fortalde: «Josef lever. Han er styrar over heile Egypt.» Men far deira var like kald i hjartet, for han trudde dei ikkje.

<sup>27</sup> Då fortalde dei han alt det Josef hadde sagt dei, og han fekk sjå vognene som Josef hadde sendt for å henta han. Då livna Jakob til.

<sup>28</sup> «Dette er stort!» sa Israel. «Josef, son min, lever enno! Eg vil reisa og sjå han før eg dør.»

## 1. Mosebok 46

### Jakob dreg til Egypt

<sup>1</sup> Så braut Israel opp med alt det han hadde. Då han kom til Beer-Sjeba, ofra han slaktoffer til han som var Gud til Isak, far hans.

<sup>2</sup> Gud tala til Israel i eit syn om natta og sa: «Jakob, Jakob!» Og han svara: «Her er eg.»

<sup>3</sup> Så sa han: «Eg er Gud, Gud til far din. Ver ikkje redd for å dra ned til Egypt, for eg vil gjera deg til eit stort folk der.

<sup>4</sup> Eg går med deg ned til Egypt, men eg skal føra deg opp att òg. Og handa til Josef skal lukka auga dine.»

<sup>5</sup> Så reiste Jakob frå Beer-Sjeba. Israels-sønene lyfte Jakob, far sin, kvinnene og borna opp i vognene som farao hadde sendt for å henta han.

<sup>6</sup> Dei tok med seg buskapen og alle eigedelane dei hadde samla seg i Kanaan. Så kom Jakob og heile ætta hans med han til Egypt.

<sup>7</sup>Han hadde med seg heile ætta si til Egypt, sønene og sonesonene, døtrene og sonedøtrene.

<sup>8</sup>Dette er namna på isrealittane som kom til Egypt, Jakob og etterkomarane hans: Ruben, den førstefødde sonen til Jakob

<sup>9</sup>og sønene hans: Henok, Pallu, Hesron og Karmi;

<sup>10</sup>sønene til Simon: Jemuel, Jamin, Ohad, Jakin og Sohar, og Saul, son til ei kvinne frå Kanaan;

<sup>11</sup>sønene til Levi: Gersjon, Kehat og Merari;

<sup>12</sup>sønene til Juda: Er, Onan, Sjela, Peres og Serah – Er og Onan døydde i Kanaan; Peres hadde sønene Hesron og Hamul;

<sup>13</sup>sønene til Jissakar: Tola, Puvva, Job og Sjimron;

<sup>14</sup>sønene til Sebulon: Sered, Elon og Jahleel.

<sup>15</sup>Dette var sønene til Lea, som ho fødde Jakob i Paddan-Aram. I tillegg fekk ho dottera Dina. I alt var det trettitre søner og døtrer.

<sup>16</sup>Sønene til Gad: Sifjon, Haggi, Sjuni, Esbon, Eri, Arodi og Areli;

<sup>17</sup>sønene til Asjer: Jimna, Jisjva, Jisjvi og Beria, dessutan Serah, syster deira. Beria hadde sønene Heber og Malkiel.

<sup>18</sup>Dette var borna til Silpa, som Laban gav Lea, dotter si. Desse fødde ho Jakob, seksten i talet.

<sup>19</sup>Sønene til Rakel, kona til Jakob, var Josef og Benjamin.

<sup>20</sup>Josef fekk born i Egypt. Asenat, dotter til presten i On, Potifera, fødde han Manasse og Efraim.

<sup>21</sup>Sønene til Benjamin: Bela, Beker, Asjbel, Gera, Naaman, Ehi, Rosj, Muppm, Huppm og Ard.

<sup>22</sup>Dette var sønene til Rakel, som ho fødde Jakob, fjorten i talet.

<sup>23</sup>Son til Dan: Husjim;

<sup>24</sup>sønene til Naftali: Jahseel, Guni, Jeser og Sjillem.

<sup>25</sup>Dette var sønene til Bilha, som Laban gav Rakel, dotter si. Desse fødde ho Jakob, sju i talet.

<sup>26</sup>Dei som kom med Jakob til Egypt, og som stamma frå han, var sekstiseks i talet, forutan sonekonene hans.

<sup>27</sup>Josef hadde to søner som vart fødde i Egypt. Dei som kom med Jakobs hus til Egypt, var sytti i talet.

<sup>28</sup>Jakob sende Juda føre seg til Josef for at han skulle visa veg til Gosen. Og dei kom til landet Gosen.

<sup>29</sup>Josef spente for vogna og drog opp for å møta Israel, far sin, i Gosen. Då han fekk sjå han, kasta han seg om halsen på han og gret lenge på skuldra hans.

<sup>30</sup>Så sa Israel til Josef: «No kan eg døy, for no har eg sett andletet ditt og veit at du enno lever!»

<sup>31</sup>Josef sa til brørne sine og dei andre i familien: Eg vil dra opp og fortelja dette til farao. Eg vil seia at brørne mine og familien min, som var i Kanaan, har kome til meg.

<sup>32</sup>Mennene er gjetarar og lever av buskapen sin. Småfeet og storfeet og alt dei eig, har dei teke med seg.

<sup>33</sup>Når så farao kallar på dykk og spør: «Kva har de til leveveg?»

<sup>34</sup> skal de svara: «Tenarane dine har levd av buskapen frå ungdomen av og til no, vi som fedrane våre.» Då får de bu i Gosen, for gjetarar er noko avskyeleg for egyptarane.

## **1. Mosebok 47**

### **Jakob og sønene hans hos farao**

<sup>1</sup>Josef gjekk og fortalde dette til farao. Han sa: «Far min og brørne mine er komne frå Kanaan med småfeet og storfeet sitt og alt dei eig. No er dei i Gosen.»

<sup>2</sup>Han tok ut fem av brørne sine og førte dei fram for farao.

<sup>3</sup>Farao sa til brørne: «Kva har de til leveveg?» Dei svara han: «Tenarane dine er gjetarar, vi som fedrane våre.

<sup>4</sup>Vi er komne for å bu her i landet», sa dei til farao. «Tenarane dine fann ikkje beite for småfeet sitt, for hungersnauda låg tungt over Kanaan. Lat no tenarane dine få bu i Gosen!»

<sup>5</sup>Då sa farao til Josef: «Far din og brørne dine er komne til deg.

<sup>6</sup>Heile Egypt ligg ope framfor deg. Lat far din og brørne dine bu i den beste delen av landet! Dei kan bu i Gosen. Og veit du at det finst dugande folk blant dei, så gjev dei ansvaret for buskapen min.»

<sup>7</sup>Josef henta far sin og førte han fram for farao, og Jakob helsa farao.

<sup>8</sup>«Kor gammal er du?» spurde farao.

<sup>9</sup>Jakob svara: «Eg har vandra omkring som ein framand i 130 år. Få og vonde har leveåra mine vore. Dei har vore færre enn leveåra til fedrane mine den tid dei vandra omkring.»

<sup>10</sup>Så velsigna Jakob farao og gjekk bort frå han.

<sup>11</sup>Josef lét far sin og brørne sine busetja seg i Egypt. Han gav dei eigedom i den beste delen av landet, i Ramses, slik som farao hadde sagt.

<sup>12</sup>Og Josef sytte for mat til far sin og brørne sine og heile familien til far sin, alt etter talet på borna deira.

### **Hungersnauda i Egypt**

<sup>13</sup>Det fanst ikkje mat i heile landet, for hungersnauda var svært hard. Egypt og Kanaan var avkrefta av svolt.

<sup>14</sup>Josef samla då alle pengane som fanst i Egypt og Kanaan, det folk hadde gjeve for kornet dei hadde kjøpt, og Josef tok pengane med til huset åt farao.

<sup>15</sup>Men då det var slutt på pengane i Egypt og Kanaan, kom alle egyptarane til Josef og sa: «Gjev oss mat! Skal vi døy for auga dine? Vi har ikkje meir pengar.»

<sup>16</sup>Josef svara: «Kom hit med buskapen dykkar. Eg vil gje dykk korn for buskapen dersom det er slutt på pengane.»

<sup>17</sup>Då kom dei til Josef med buskapen sin, og Josef gav dei korn for hestane, småfeet, storfeet og esla. Slik sytte han for korn til dei det året, i byte mot heile buskapen deira.

<sup>18</sup>Året gjekk, og året etter kom dei til han og sa: «Vi vil ikkje løyna for herren vår at det er slutt på pengane og buskapen. No har vi ikkje anna å by deg enn oss sjølve og jorda vår.

<sup>19</sup>Kvifor skal vi døy for auga dine, både vi og jorda vår? Kjøp oss og jorda vår i byte for mat, så skal vi med jorda vår vera slavar for farao! Gjev oss såkorn, så vi kan leva og ikkje døy, og jorda vår ikkje blir lagd aud!»

<sup>20</sup>Og Josef kjøpte all jord i Egypt til farao. Egyptarane selde alle åkrane sine, for hungersnauda var hard. Slik vart farao eigar av all jord i landet.

<sup>21</sup>Folket flytte han til byane, frå den eine enden av Egypt til den andre.

<sup>22</sup>Berre jorda til prestane kjøpte han ikkje, for prestane hadde ei fastsett inntekt frå farao. Dei åt av det han gav dei, og selde difor ikkje jorda si.

<sup>23</sup>Josef sa til folket: «I dag har eg kjøpt dykk og jorda dykkar til farao. Her har de såkorn slik at de kan så til åkrane!

<sup>24</sup>De skal gje farao ein femtedel av avlinga. Dei fire andre delane skal de ha til såkorn og mat for dykk og huslydane og borna dykkar.»

<sup>25</sup>Då svara dei: «Du har berga livet vårt. Berre du ser på oss med velvilje, herre, skal vi vera slavar for farao.»

<sup>26</sup>Så gjorde Josef dette til ei lov som gjeld den dag i dag for jorda i Egypt, at farao skulle ha ein femtedel. Berre jorda til prestane hørde ikkje farao til.

### **Jakobs siste vilje**

<sup>27</sup>Israel vart buande i Egypt, i Gosen. Dei fekk seg eigedom der, var fruktbare og vart svært talrike.

<sup>28</sup>Jakob levde 17 år i Egypt. Han levde i 147 samfulle år.

<sup>29</sup> Då det nærma seg tida då Israel skulle døy, kalla han på Josef, son sin, og sa: «Om du har velvilje for meg, så legg handa di i fanget mitt. Ver god og trufast mot meg så du ikkje gravlegg meg i Egypt!

<sup>30</sup> Når eg går til kvile hos fedrane mine, før meg då opp frå Egypt og legg meg i grava deira!» «Eg skal gjera som du seier», svara Josef.

<sup>31</sup> Då sa Jakob: «Sver på det for meg!» Og han svor på det. Så bøygde Israel seg i bøn ved hovudgjerda.

## 1. Mosebok 48

### Jakob velsignar sønene til Josef

<sup>1</sup>Ei tid etter dette hadde hendt, vart det sagt til Josef: «Far din er sjuk.» Då tok han med seg dei to sønene sine, Manasse og Efraim.

<sup>2</sup>Det vart meldt til Jakob at Josef, son hans, var komen til han. Då gjorde Israel seg sterk og sette seg opp i senga.

<sup>3</sup>Jakob sa til Josef: Gud, Den veldige, synte seg for meg i Lus i Kanaan og velsigna meg.

<sup>4</sup>Han sa til meg: «Sjå, eg vil gjera deg fruktbar og talrik og gjera deg til ei forsamling av mange folk. Eg gjev etterkomarane dine dette landet i eige til evig tid.»

<sup>5</sup>No skal dei to sønene som du fekk i Egypt før eg kom hit, høyra meg til. Efraim og Manasse skal høyra meg til slik Ruben og Simon gjer.

<sup>6</sup>Men dei borna du fekk etter dei, skal vera dine. Dei skal ha namn etter brørne sine i det landet dei skal arva.

<sup>7</sup>Då eg kom frå Paddan, døydde Rakel frå meg på reisa. Det var i Kanaan, eit stykke før vi kom til Efrat. Eg gravla henne der på veg til Efrat, det er Betlehem.

<sup>8</sup>Så fekk Israel sjå sønene til Josef. «Kven er desse?» spurde han.

<sup>9</sup>Josef svara: «Det er sønene mine, som Gud har gjeve meg her.» Då sa Jakob: «Kom til meg med dei, så eg kan velsigna dei!»

<sup>10</sup>Israels auge var tyngde av alder, så han kunne mest ikkje sjå. Josef førte dei til han, og far hans kyste dei og slo armane rundt dei.

<sup>11</sup>Israel sa til Josef: «Eg trudde ikkje eg skulle få sjå andletet ditt att, men no har Gud endåtil late meg få sjå borna dine!»

<sup>12</sup> Så tok Josef dei ned frå fanget hans og bøygde seg med andletet mot jorda.

<sup>13</sup>Sidan tok Josef begge to og leidde dei fram til han, Efraim i den høgre handa, til venstre for Israel, og Manasse i den venstre handa, til høgre for Israel.

<sup>14</sup> Men Israel strekte ut den høgre handa og la henne på hovudet til Efraim, endå han var yngst, og den venstre la han på hovudet til Manasse. Han kryssa altså armane. Men Manasse var den eldste.

<sup>15</sup>Så velsigna han Josef og sa: «Fedrane mine, Abraham og Isak, levde for Guds andlet. Gud har vore min hyrding frå første stund til denne dag,

<sup>16</sup>engelen som har løyst meg ut frå alt vondt. Må han velsigna gutane! Gjennom dei skal namnet mitt leva, og namnet til Abraham og Isak, fedrane mine. Måtte dei veksa og bli talrike i landet!»

<sup>17</sup>Josef såg at faren la høgre handa på hovudet til Efraim, og han mislika det. Han tok handa til far sin og ville flytta henne frå hovudet til Efraim til hovudet til Manasse.

<sup>18</sup>«Ikkje slik, far!» sa Josef til far sin. «For dette er den førstefødde, legg høgre handa på hovudet hans!»

<sup>19</sup>Men faren nekta. Han sa: «Eg veit det, son min, eg veit det! Han skal òg bli til eit folk, han skal òg bli stor, men bror hans, som er yngre, skal bli større. Ætta hans skal bli til mange folkeslag.»

<sup>20</sup>Så velsigna han dei den dagen og sa: «Ved deg skal Israel velsigna og seia: Måtte Gud gjera deg som Efraim og Manasse!» Han sette altså Efraim føre Manasse.

<sup>21</sup>Sidan sa Israel til Josef: «No skal eg døy. Men Gud vil vera med dykk og føra dykk tilbake til landet åt fedrane dykkar.

<sup>22</sup> Eg gjev deg ein bergrygg meir enn brørne dine. Den har eg med sverd og boge teke frå amorittane.»

## 1. Mosebok 49

### Jakobs velsigning

<sup>1</sup> Jakob kalla sønene sine til seg og sa: Kom saman, så vil eg fortelja kva som skal henda dykk i dagar som kjem:

<sup>2</sup> Kom saman og høyr, de Jakobs søner, høyr på Israel, far dykkar!

<sup>3</sup> Ruben, du er min førstefødde, mi kraft og den første frukta av min manndom, størst i heider, størst i makt.

<sup>4</sup> Men du brusar over som vatnet, difor skal du ingen føremon ha. For då du steig opp i senga til far din, vanæra du henne – i leiet mitt steig han opp.

<sup>5</sup> Simon og Levi er brør. Våpna deira er reiskapar for vald.

<sup>6</sup> Mi sjel, møt ikkje i deira råd! Mi ære, ver ikkje med i deira forsamling! For i sinne drap dei menn, sjølvrådige skamskar dei oksar.

<sup>7</sup> Forbanna er sinnet deira, for det er kraftig, og raseriet deira, for det er veldig! Eg vil splitta dei i Jakob og spreia dei ut i Israel.

<sup>8</sup> Juda, deg prisar brørne dine, du har handa på nakken til fienden, sønene til far din bøyer seg for deg.

<sup>9</sup> Ein løveunge er Juda! Frå byttet reiser du deg opp, son min. Han legg seg til ro og strekkjer seg som ei løve, som ei løvinne – kven vekkjer han?

<sup>10</sup> Septer skal ikkje vika frå Juda eller herskarstav frå føtene hans til eigaren kjem, han som folka skal lyda.

<sup>11</sup> Han bind eselet i vinstokken, eselfolen i den edle ranka. Han vaskar kleda sine i vin, kjortelen i drueblod.

<sup>12</sup> Auga hans er mørkare enn vin, tennene kvitare enn mjølk.



- 13** Sebulon bur ved havsens kyst, kysten der skipa legg til, grensa hans går til Sidon.
- 14** Jissakar er eit velbygd esel som ligg mellom to kløvkorger.
- 15** Han såg at det var godt å kvila, og at landet var fagert. Då bøygde han nakken under børa og vart ein ufri slave.
- 16** Dan skal dømma sitt folk som ein av Israels stammar.
- 17** Dan skal vera ein slange ved vegen, ein giftig orm på stigen. Han hogg hesten i hælane så rytteren ryk på ryggen.
- 18**– Eg ventar på di frelse, Herre.
- 19** Gad blir herja av røvarflokkar, men går sjølv til åtak og forfølgjer dei.
- 20** Frå Asjer kjem det god mat, han set fram kongelege retter.
- 21** Naftali er ei hind som spring fritt; han talar vakre ord.
- 22** Josef er eit ungt frukttre, eit ungt frukttre ved kjelda; greinene kliv opp etter muren.
- 23** Bogeskyttarane gjer han bitter, dei skyt på han og strider mot han.
- 24** Men bogen hans er stø, armar og hender er leduge takka vere Jakobs Mektige, han som er gjetaren, Israels Fjell,
- 25** Gud til far din, han som hjelper deg, Den veldige, han som velsignar deg med signing frå himmelen der oppe, med signing frå djupet der nede, med signing frå bryst og morsliv.
- 26** Velsigningane frå far din er rikare enn velsigningane frå dei evige fjella, enn herlegdomen til dei eldgamle høgdene. Lat dei koma over Josefs hovud, over issen på han som er fyrste blant brørne sine!
- 27** Benjamin er ein jagande ulv. Om morgonen et han rovet, om kvelden deler han byttet.
- 28** Dette er alle Israels stammar, tolv i talet, og dette sa far deira til dei. Han velsigna dei og gav kvar av dei si eiga velsigning.

## Jakob dør og blir gravlagd

<sup>29</sup> Jakob gav dei dette påbodet: «No skal eg bli sameina med folket mitt. Gravlegg meg då hos fedrane mine i hòla på marka til hetitten Efron!

<sup>30</sup>Det er den hòla som er på Makpela-marka, austafør Mamre i Kanaan, det jordstykket som Abraham kjøpte av hetitten Efron for å ha til gravstad.

<sup>31</sup>Der gravla dei Abraham og Sara, kona hans; der gravla dei Isak og Rebekka, kona hans; og der gravla eg Lea.

<sup>32</sup>Marka og hòla der er kjøpte frå hetittane.»

<sup>33</sup>Då Jakob hadde gjeve sønene sine dette påbodet, drog han føtene opp i senga. Så anda han ut og vart sameina med folket sitt.

### 1. Mosebok 50

<sup>1</sup>Då kasta Josef seg gråtande ned over far sin og kyste han.

<sup>2</sup>Og Josef baud at legane han hadde i si teneste, skulle balsamera faren; og legane balsamerte Israel.

<sup>3</sup>Det tok førti dagar, for så lang tid tek ei balsamering. Og egyptarane gret over han i sytti dagar.

<sup>4</sup>Då sørgjetida var over, sa Josef til dei som tente ved hoffet til farao: «Om de har velvilje for meg, så sei til farao:

<sup>5</sup>Far min tok meg i eid og sa: Når eg no dør, må du leggja meg i den grava eg kjøpte meg i Kanaan. Lat meg difor få dra opp og gravleggja far min og så koma tilbake!»

<sup>6</sup>Farao sa: «Dra berre opp og gravlegg far din, slik han lét deg sverja.»

<sup>7</sup>Så drog Josef opp for å gravleggja far sin. Alle tenarane til farao, dei eldste i faraos hus og dei eldste i landet drog opp saman med Josef.

<sup>8</sup>Heile Josefs hus, brørne og farshuset hans var òg med. Berre dei små borna, småfeet og storfeet lét dei vera att i Gosen.

<sup>9</sup>Han hadde òg med seg vogner og ryttrarar, så det vart eit stort følgje.

**10** Dei kom til Goren-Haatad, som ligg på den andre sida av Jordan, og heldt der ei stor og verdig sørgjehøgtid. Josef sørgde over far sin i sju dagar.

**11** Kanaanearane som budde i landet, såg sørgjehøgtida i Goren-Haatad og sa: «Det er ei verdig sørgjehøgtid egyptarane held.» Difor kalla dei staden Abel-Misrajim. Han ligg på den andre sida av Jordan.

**12**Sønene gjorde med Jakob som han hadde bode dei.

**13** Dei førte han til Kanaan og gravla han i hòla på Makpela-marka, austafør Mamre, det jordstykket Abraham kjøpte av hetitten Efron for å ha til gravstad.

**14**Då Josef hadde gravlagt far sin, drog han tilbake til Egypt saman med brørne sine og alle som hadde drege opp med han for å gravleggja Jakob.

#### **Josef tilgjev brørne sine**

**15**Då brørne til Josef såg at far deira var død, sa dei: «Berre no ikkje Josef legg oss for hat og gjev oss att for alt det vonde vi har gjort mot han!»

**16**Så sende dei bod til Josef og sa: «Før han døydde, baud far din

**17**at vi skulle seia dette til deg: Kjære, tilgjev brørne dine den uretten dei gjorde då dei synda og handla vondt mot deg. Tilgjev no uretten som er gjord av oss som tener din fars Gud.» Josef gret då dei tala slik til han.

**18**Sidan kom brørne sjølve og kasta seg ned for han og sa: «Sjå, vi er dine tenarar.»

**19**Då sa Josef til dei: «Ver ikkje redde! Er eg i Guds stad?

**20**De tenkte å gjera meg vondt, men Gud tenkte det til det gode, for han ville gje liv til eit stort folk, slik vi ser i dag.

**21**Så ver ikkje redde! Eg skal syta for dykk og borna dykkar.» Slik trøysta han dei og tala til hjartet deira.

#### **Josef døyr**

**22**Josef vart buande i Egypt, både han og farshuset hans. Han vart 110 år gammal.

<sup>23</sup> Josef fekk sjå borna til Efraim i tredje ledd. Og borna til Makir, son til Manasse, vart fødde på knea til Josef.

<sup>24</sup> Josef sa til brørne sine: «No skal eg døy. Men Gud skal sjå til dykk og føra dykk opp frå dette landet til det landet han lova Abraham, Isak og Jakob.»

<sup>25</sup> Og Josef tok Israels-sønene i eid og sa: «Når Gud ser til dykk, då skal de føra knoklane mine med herifrå.»

<sup>26</sup>Så døydde Josef, 110 år gammal. Dei balsamerte han, og han vart lagd i ei kiste i Egypt.

## 2. Mosebok

### 2. Mosebok 1

#### Slavearbeidet i Egypt

<sup>1</sup> Dette er namna på Israels søner som kom til Egypt; dei kom saman med Jakob, kvar med sin huslyd:

<sup>2</sup> Ruben, Simon, Levi og Juda,

<sup>3</sup> Jissakar, Sebulon og Benjamin,

<sup>4</sup> Dan og Naftali, Gad og Asjer.

<sup>5</sup> Dei var i alt sytti personar, dei som stamma frå Jakob. Josef var alt i Egypt.

<sup>6</sup> Så døydde Josef og alle brørne hans og heile dette slektsleddet.

<sup>7</sup> Men isrealittane var fruktbare, dei auka, vart mange og svært talrike. Landet vart fullt av dei.

<sup>8</sup> Det stod fram ein ny konge i Egypt, ein som ikkje visste om Josef.

<sup>9</sup> Han sa til folket sitt: «Sjå, Israelfolket har vorte for stort og talrikt for oss.

<sup>10</sup> Kom, lat oss gå klokt til verks mot dei, så dei ikkje blir endå fleire! For blir det krig, slår dei seg kanskje saman med fiendane våre, strider mot oss og dreg frå landet.»

<sup>11</sup> Difor sette dei oppsynsmenn til å plaga isrealittane med tvangsarbeid. Dei måtte byggja to forrådsbyar for farao, Pitom og Ramses.

<sup>12</sup> Men di meir dei vart plaga, di fleire vart dei, og di meir breidde dei seg utover. Og egyptarane vart redde isrealittane.

<sup>13</sup> Dei tvinga isrealittane til slavearbeid

<sup>14</sup> og gjorde livet bittert for dei. Dei påla dei hardt arbeid med leire og teglstein og allslags arbeid ute på marka. Alt dette slavearbeidet vart isrealittane tvinga til å gjera.

<sup>15</sup> Kongen i Egypt sa til jordmødrene åt hebrearane – den eine heitte Sjifra og den andre Pua:

<sup>16</sup>«Når de hjelper hebrearkvinnene til å føda, skal de sjå etter i fødestolen. Er det ein gut, skal de drepa han; er det ei jente, skal ho få leva.»

<sup>17</sup>Men jordmødrene frykta Gud og gjorde ikkje som egyptarkongen hadde sagt dei. Dei lét gutane leva.

<sup>18</sup>Då kalla egyptarkongen jordmødrene til seg og sa: «Kvifor gjer de dette? De lét gutane leva!»

<sup>19</sup>Jordmødrene svara farao: «Hebrearkvinnene er ikkje som dei egyptiske. Dei er meir livskraftige. Før jordmora kjem til dei, har dei fødd.»

<sup>20</sup>Då gjorde Gud vel imot jordmødrene, og folket vart stort og overlag talrikt.

<sup>21</sup>Og fordi jordmødrene frykta Gud, gav han dei etterkomarar.

<sup>22</sup>Då gav farao heile folket sitt dette påbodet: «Kvar nyfødd gut skal de kasta i Nilen, men døtrene skal de la leva!»

## 2. Mosebok 2

### Moses blir fødd

<sup>1</sup>Det var ein mann av Levis hus som gifte seg med ei levitt-dotter.

<sup>2</sup>Kvinna vart med barn og fødde ein son. Då ho såg at det var ein fin gut, gøymde ho han i tre månader.

<sup>3</sup>Men då ho ikkje kunne halda han gøymd lenger, laga ho ei korg av papyrusrøyr til han. Den tetta ho med bek og tjøre. Så la ho guten oppi korga og sette henne ut i sivet ved bredda av Nilen.

<sup>4</sup>Syster hans stilte seg opp eit stykke unna for å sjå korleis det gjekk med han.

<sup>5</sup>Då kom dotter til farao ned til elva for å bada, medan dei unge jentene i følgjet hennar gjekk att og fram langs elvebredda. Ho fekk auge på korga i sivet og sende ei av tenestejentene for å henta henne.

<sup>6</sup>Så opna ho korga og fekk sjå guten, eit lite barn som låg og gret. Ho syntest synd på han og sa: «Dette er eit av guteborna til hebrearane.»

<sup>7</sup>Då sa syster hans til faraos dotter: «Skal eg gå og finna ei hebrearkvinne som kan amma guten for deg?»

<sup>8</sup>«Ja, gå!» sa dotter til farao. Så gjekk den unge jenta og henta mor til guten.

<sup>9</sup>Dotter til farao sa til henne: «Kan du ta denne guten og amma han for meg? Eg skal løna deg for det.» Og kvinna tok guten og amma han.

<sup>10</sup> Guten voks opp, og ho gjekk til faraos dotter med han, og guten vart ein son for henne. Ho gav han namnet Moses, «for eg har drege han opp or vatnet», sa ho.

### Moses rømmer til Midjan

<sup>11</sup>Ei tid etter, då Moses var vaksen, gjekk han ut til landsmennene sine og fekk sjå tvangsarbeidet. Han såg ein egyptar som slo ein hebrear, ein av landsmennene hans.

<sup>12</sup>Moses såg seg om til alle sider, og då han ikkje såg nokon, slo han egyptaren i hel og gøymde han i sanden.

<sup>13</sup>Dagen etter gjekk han ut att. Då fekk han sjå to hebrearar som slost. Han sa til den som hadde skulda: «Kvifor slår du nesten din?»

<sup>14</sup>Mannen svara: «Kven har sett deg til leiar og dommar over oss? Tenkjer du å drepa meg slik du drap egyptaren?» Då vart Moses redd og sa med seg sjølv: «Så er saka likevel kjend!»

<sup>15</sup>Då farao fekk høyra om det, prøvde han å få Moses drepen. Men Moses rømde for farao. Han slo seg ned i landet Midjan, der han budde ved ein brønn.

<sup>16</sup>Presten i Midjan hadde sju døtrer. Dei kom og drog opp vatn og fylte traua for å gje småfeet til faren å drikka.

<sup>17</sup> Men det kom nokre gjetarar og jaga dei bort. Då greip Moses inn og hjelpte dei, og han gav småfeet deira vatn.

<sup>18</sup> Då dei kom heim att til Re'uel, far sin, spurde han: «Kvifor kjem de så tidleg i dag?»

<sup>19</sup>Dei svara: «Ein egyptar berga oss frå gjetarane. Han drog òg opp vatn for oss og gav småfeet å drikka.»

<sup>20</sup>«Kvar er han?» spurde faren døtrene. «Kvifor gjekk de ifrå mannen? Hent han, så han kan få seg mat.»

<sup>21</sup> Moses gjekk med på å bu hos mannen, og han gav Moses dottera Sippora til kone.

<sup>22</sup> Ho fødde ein son, og Moses gav han namnet Gersjom; «for eg har vorte innflyttar i eit framandt land», sa han.

### **Guds kall og Guds namn**

<sup>23</sup> Lenge etter dette døydde kongen i Egypt. Israelittane sukka og klaga over slavearbeidet, og skriket deira steig opp til Gud.

<sup>24</sup> Gud hørde korleis dei stønna, og Gud kom i hug si pakt med Abraham, Isak og Jakob.

<sup>25</sup>Gud såg til israelittane; Gud kjende dei.

## **2. Mosebok 3**

<sup>1</sup> Moses gjette småfeet til Jetro, svigerfar sin, presten i Midjan. Ein gong han dreiv feet over til den andre sida av ørkenen, kom han til Guds fjell, Horeb.

<sup>2</sup> Då synt Herrens engel seg for han i ein flammande eld som slo opp frå ein tornebusk. Han såg, og sjå! – busken sto i lys loge, men han vart ikkje tært opp av elden.

<sup>3</sup>Og Moses sa: «Eg vil gå bort og sjå dette mektige synet. Kvifor brenn ikkje tornebusken opp?»

<sup>4</sup>Men då Herren såg at han kom bort for å sjå, rop Gud til han frå tornebusken: «Moses, Moses!» Han svara: «Her er eg.»

<sup>5</sup>Og Gud sa: «Kom ikkje nærare! Ta skorner av føtene! For staden du står på, er heilag grunn.»

<sup>6</sup>Så sa han: «Eg er din fars Gud, Abrahams Gud, Isaks Gud og Jakobs Gud.» Då gøymde Moses andletet, for han var redd for å sjå Gud.



<sup>7</sup>Herren sa: «Eg har sett nauda til mitt folk i Egypt og har høyrte skrika deira under slavedrivarane. Eg kjenner deira smerte.

<sup>8</sup>Eg har stige ned for å fria dei ut av hendene på egyptarane og føra dei opp frå dette landet og inn i eit godt og vidt land, inn i eit land som fløymer med mjølk og honning, staden der kanaanearane og hetittane, amorittane og perisittane, hevittane og jebusittane bur.

<sup>9</sup>For no har skriket frå israelittane nådd meg, og eg har òg sett kor hardt egyptarane undertrykkjer dei.

<sup>10</sup>Gå no! Eg sender deg til farao. Du skal føra folket mitt, israelittane, ut frå Egypt.»

<sup>11</sup>Moses sa til Gud: «Kven er eg? Kan eg gå til farao og føra israelittane ut frå Egypt?»

<sup>12</sup>Han svara: «Eg skal vera med deg! Dette skal du ha til teikn på at det er eg som har sendt deg: Når du har ført folket ut frå Egypt, skal de tena Gud på dette fjellet.»

<sup>13</sup>Då sa Moses til Gud: «Enn om eg går til israelittane og seier til dei: Han som er dykkar fedrars Gud, har sendt meg, og dei så spør meg: Kva er namnet hans? Kva skal eg svara dei?»

<sup>14</sup> Gud svara Moses: «Eg er den eg er.» Og han sa: «Slik skal du svara israelittane: *Eg er* har sendt meg til dykk.»

<sup>15</sup> Og Gud heldt fram: «Du skal seia til israelittane: Herren, dykkar fedrars Gud, Abrahams Gud, Isaks Gud og Jakobs Gud, har sendt meg til dykk. Dette er mitt namn til evig tid, dette skal eg kallast frå slekt til slekt.

<sup>16</sup>Gå og kall saman dei eldste i Israel, og sei til dei: Herren, dykkar fedrars Gud, Abrahams, Isaks og Jakobs Gud, har synt seg for meg og sagt: Eg har halde auge med dykk og med det som er gjort mot dykk i Egypt.

<sup>17</sup>Og eg har sagt at eg skal føra dykk bort frå plagene i Egypt og opp til landet til kanaanearane og hetittane, amorittane og perisittane, hevittane og jebusittane, til eit land som fløymer med mjølk og honning.

<sup>18</sup> Dei kjem til å høyra på deg. Og så skal du og dei eldste i Israel gå til kongen i Egypt og seia: Herren, som er Gud for hebrearane, har møtt oss. Lat oss no få dra tre dagsreiser ut i ørkenen og ofra til Herren vår Gud!

<sup>19</sup> Men eg veit at egyptarkongen ikkje vil la dykk dra om ikkje ei sterk hand tvingar han.

<sup>20</sup> Difor vil eg strekkja handa ut og slå Egypt med alle dei undergjerningane som eg vil gjera iblant dei. Deretter skal han la dykk fara.

<sup>21</sup> Og eg vil la dykk finna nåde i auga til egyptarane. Når de dreg, skal de ikkje dra tomhendte.

<sup>22</sup> Kvar kvinne skal be nabokona si og dei kvinnene ho bur i lag med, om ting av sølv og gull og om klede. Det skal de la sønene og døtrene dykkar bera. Slik skal de utnytta egyptarane.»

## 2. Mosebok 4

<sup>1</sup> Moses svara: «Men enn om dei ikkje trur meg og ikkje høyrer på meg, men seier: Herren har ikkje synt seg for deg.»

<sup>2</sup> Herren sa til han: «Kva har du i handa?» «Ein stav», svara han.

<sup>3</sup> «Kast han på jorda!» sa han. Og Moses kasta staven på jorda. Då vart staven til ein slange, og Moses rømde for han.

<sup>4</sup> Herren sa til Moses: «Rett ut handa og grip han i sporden!» Så rette han ut handa og greip han, og slangen vart til ein stav i handa hans.

<sup>5</sup> «Dette er for at dei skal tru at Herren, deira fedrars Gud, Abrahams Gud, Isaks Gud og Jakobs Gud, har synt seg for deg.»

<sup>6</sup> Og Herren heldt fram: «Stikk handa inn på brystet!» Han stakk handa inn på brystet og drog henne ut att. Og sjå, handa hadde fått kvite flekker, liksom snø.

<sup>7</sup>Då sa Herren: «Stikk handa inn på brystet ein gong til!» Moses stakk handa inn på brystet, og han drog henne ut, og sjå, huda var som elles på kroppen.

<sup>8</sup>«Om dei ikkje trur deg og ikkje lyder ved det første teiknet, så vil dei tru etter det andre.

<sup>9</sup>Men trur dei ikkje etter nokon av desse to teikna, og høyrer dei ikkje på deg, så skal du ta vatn frå Nilen og hella det ut over tørre marka. Og vatnet du tek frå Nilen, skal bli til blod på marka.»

<sup>10</sup> Men Moses sa til Herren: «Høyr, Herre! Eg har aldri vore ein mann av ord, korkje før eller no, etter at du byrja å tala til tenaren din. Sein er min munn, og sein er mi tunge.»

<sup>11</sup>Då sa Herren: «Kven gjev mennesket munn? Kven gjer stum eller døv, sjåande eller blind? Er det ikkje eg, Herren?

<sup>12</sup> Gå no! Eg skal vera med din munn og læra deg kva du skal seia.»

<sup>13</sup>Men han sa: «Høyr, Herre! Send heller ein annan!»

<sup>14</sup>Då vart Herrenbrennande harm på Moses og sa: «Har du ikkje bror din Aron, levitten? Eg veit at han er god til å tala. Han er alt på veg for å møte deg, og han blir glad av heile sitt hjarte over å sjå deg.

<sup>15</sup> Tal med han og legg orda i munnen på han. Så skal eg vera med din munn og hans munn og læra dykk kva de skal gjera.

<sup>16</sup>Han skal tala til folket for deg. Han skal vera som ein munn for deg, og du skal vera som Gud for han.

<sup>17</sup>Ta denne staven i handa. Med den skal du gjera teikna!»

### **Moses vender attende til Egypt**

<sup>18</sup>Moses gjekk tilbake til Jetro, svigerfar sin, og sa til han: «Eg vil bryta opp og dra til landsmennene mine i Egypt og sjå om dei enno lever.» Og Jetro sa til Moses: «Gå med fred!»

<sup>19</sup> Herren sa til Moses i Midjan: «Bryt opp og dra tilbake til Egypt! For no er dei døde alle dei som ville drepa deg.»

<sup>20</sup>Så tok Moses kona si og sønene sine og sette dei på eit esel og vende attende til Egypt. Og Moses tok gudsstaven i handa.

<sup>21</sup>Då sa Herren til Moses: «Når du kjem tilbake til Egypt, sjå då til at du gjer alle dei undera for farao som eg har lagt i di hand. Men eg vil gjera hjartet hans ubøyeleg, så han ikkje lèt folket fara.

<sup>22</sup>Du skal seia til farao: Så seier Herren: Israel er min førstefødde son.

<sup>23</sup>Eg seier til deg: Lat son min fara, så han kan tilbe meg! Men nektar du han å fara, sjå, då vil eg drepa den førstefødde son din.»

<sup>24</sup>Medan Moses var på veg og hadde søkt ly for natta, møtte Herrenhan og ville drepa han.

<sup>25</sup>Sippora tok då ein kvass stein og skar av forhuda på son sin og rørte ved føtene hans. Ho sa: «Du er blodbrudgomen min.»

<sup>26</sup>Då lét Herren han vera. Ho sa «ein blodbrudgom» på grunn av omskjeringa.

<sup>27</sup>Herren sa til Aron: «Gå og møt Moses i ørkenen!» Han gjekk av stad og møtte Moses ved Guds fjell, og han kyste han.

<sup>28</sup>Moses fortalde Aron om alle dei ord som Herren hadde sendt han med, og alle dei teikn han hadde sett han til å gjera.

<sup>29</sup>Så gjekk Moses og Aron og samla alle dei eldste blant israellittane.

<sup>30</sup>Aron sa fram alle dei orda som Herren hadde tala til Moses, og han gjorde teikna framfor auga på folket.

<sup>31</sup>Og folket trudde. Då dei høyrde atHerren hadde halde auge med israellittane og sett at dei vart plaga, bøygde dei seg til jorda og tilbad.

## 2. Mosebok 5

### Farao nektar Israel å dra

<sup>1</sup>Sidan gjekk Moses og Aron til farao og sa: «Så seier Herren, Israels Gud: Lat folket mitt fara, så dei kan feira høgtid for meg i ørkenen!»

- <sup>2</sup>«Kven er Herren?» spurde farao. «Skulle eg lyda han slik at eg lét folket fara? Eg kjenner ikkje Herren, og eg vil ikkje la Israel fara.»
- <sup>3</sup>Dei sa: «Han som er Gud for hebrearane, har møtt oss. Lat oss få dra tre dagsreiser ut i ørkenen og ofra til Herren vår Gud, så han ikkje skal råka oss med pest eller sverd.»
- <sup>4</sup>Då sa egyptarkongen til dei: «Moses og Aron, kvifor vil de halda folket borte frå pliktene? Gå tilbake til arbeidet dykkar!»
- <sup>5</sup>Så sa farao: «Sjå kor talrikt folket har vorte i landet no. Og så vil de få dei til å leggja ned arbeidet!»
- <sup>6</sup>Same dagen gav farao dette påbodet til slavedrivarane og oppsynsmennene for folket:
- <sup>7</sup>«Heretter skal de ikkje gje folket halm til å laga murstein med, slik som før. Dei skal sjølve gå og sanko halm.
- <sup>8</sup>Men de skal påleggja dei å laga same mengd med murstein som før og ikkje skjera ned. For dei er late, difor skrik dei: Lat oss dra og ofra til vår Gud!
- <sup>9</sup>Legg tungt arbeid på mennene, så dei har nok å gjera og ikkje får tid til løgnaktig snakk!»
- <sup>10</sup>Då gjekk slavedrivarane og oppsynsmennene ut og sa til folket: «Så seier farao: Eg gjev dykk ikkje halm.
- <sup>11</sup>Gå sjølve og hent halm kvar helst de finn! Men det blir ikkje skore ned på arbeidsmengda.»
- <sup>12</sup>Då spreidde folket seg ut over heile Egypt og sanko strå til halm.
- <sup>13</sup>Slavedrivarane pressa på og sa: «Gjer arbeidet dykkar ferdig, fullt dagsverk kvar dag, som då de fekk halm!»
- <sup>14</sup>Og dei vart slegne, dei oppsynsmennene som slavedrivarane til farao hadde sett over israellittane. Slavedrivarane sa: «Kvifor har de verken i går eller i dag fått ferdig den fastsette mengda med murstein, slik som før?»

<sup>15</sup>Då gjekk dei israelittiske oppsynsmennene og ropa til farao: «Kvifor gjer du dette mot tenarane dine?»

<sup>16</sup>Tenarane dine får ikkje halm, likevel seier dei til oss: Lag murstein! Sjå, tenarane dine blir slegne, og det er ditt folk som har skulda.»

<sup>17</sup>Men farao sa: «Late er de, late! Difor seier de: Lat oss dra og ofra til Herren.

<sup>18</sup>Gå no og arbeid! Halm får de ikkje, og de skal koma med den fastsette mengda med murstein.»

<sup>19</sup>Dei israelittiske oppsynsmennene skjønna at dei var ille ute då det vart sagt: «De får ikkje skjera ned på den daglege mengda med murstein!»

<sup>20</sup>Då dei kom ut frå farao, møtte dei Moses og Aron, som stod og venta på dei.

<sup>21</sup>Dei sa til dei: «Måtte Herren sjå dykk og dømma dykk, for de har gjort oss fråstøytande i auga til farao og tenarane hans. De har lagt sverd i handa på dei så dei kan drepa oss.»

<sup>22</sup> Då vende Moses seg på nytt til Herren og sa: «Herre, kvifor har du handla vondt mot dette folket? Kvifor har du sendt meg?

<sup>23</sup>Frå den stund eg gjekk til farao for å tala i ditt namn, har han mishandla folket. Og du har ikkje gjort noko for å fria folket ditt ut!»

## 2. Mosebok 6

<sup>1</sup> Herren sa til Moses: «No skal du få sjå kva eg vil gjera med farao. Ei sterk hand skal tvinga han til å la dei gå, og ei sterk hand skal tvinga han til å driva dei ut av landet sitt.»

### Herren vil fria folket ut

<sup>2</sup>Gud tala til Moses og sa: «Eg er Herren.

<sup>3</sup> Eg synt meg for Abraham, for Isak og for Jakob som Gud, Den veldige, men under namnet mitt Herren var eg ikkje kjend for dei.

<sup>4</sup> Og eg oppretta mi pakt med dei for å gje dei landet Kanaan, det landet dei budde i som innflyttarar.

<sup>5</sup>Eg har òg høyrte korleis israelittane stønnar fordi egyptarane har gjort dei til slavar, og eg kjem i hug pakta mi.

<sup>6</sup>Sei difor til israelittane: Eg er Herren. Eg vil føra dykk bort frå tvangsarbeidet i Egypt og fria dykk frå slaveriet. Eg vil fria dykk ut med utstrekt arm og med store straffedommar.

<sup>7</sup>Eg vil ta dykk til mitt folk og vera dykkar Gud. Då skal de kjenna at eg er Herren dykkar Gud, som fører dykk bort frå tvangsarbeidet i Egypt.

<sup>8</sup>Og eg vil føra dykk til det landet som eg med lyft hand lova Abraham, Isak og Jakob. Eg vil gje dykk det til eige. Eg er Herren.»

<sup>9</sup>Slik tala Moses til israelittane. Men dei høyrde ikkje på Moses, for dei var motlause på grunn av det harde arbeidet.

<sup>10</sup>Då sa Herren til Moses:

<sup>11</sup>«Gå og sei til farao, kongen i Egypt, at han skal la israelittane få dra ut frå landet.»

<sup>12</sup>Men Moses svara forHerrens andlet: «Sjå, israelittane høyrer ikkje på meg. Kvifor skulle då farao høyra på meg, eg som har uomskorne lepper?»

<sup>13</sup>Så tala Herren til Moses og Aron og sende dei til israelittane og til farao, kongen i Egypt, med bod om at Israels folk skulle førast ut frå Egypt.

### **Forfedrane til Moses og Aron**

<sup>14</sup> Dette er leiarane for familiane deira: Sønene til Ruben, Israels førstefødde, var Henok og Pallu, Hesron og Karmi. Det er slektene til Ruben.

<sup>15</sup> Sønene til Simon var Jemuel, Jamin, Ohad, Jakin og Sohar, og Saul, som var son til ei kanaaneisk kvinne. Det er slektene til Simon.

<sup>16</sup> Dette er namna på sønene til Levi og slektene deira ifølgje slektshistoria: Gersjon, Kehat og Merari. Levi vart 137 år gammal.

<sup>17</sup>Sønene til Gersjon, slekt for slekt, var Libni og Sjimi.

<sup>18</sup>Sønene til Kehat var Amram, Jishar, Hebron og Ussiel. Kehat vart 133 år gammal.

<sup>19</sup>Sønene til Merari var Mahli og Musji. Dette er slektene til Levi ifølgje slektshistoria.

<sup>20</sup> Amram tok Jokebed, tanta si, til kone. Ho fødde han Aron og Moses. Amram vart 137 år gammal.

<sup>21</sup> Sønene til Jishar var Korah, Nefeg og Sikri.

<sup>22</sup> Sønene til Ussiel var Misjael, Elsafan og Sitri.

<sup>23</sup> Aron tok Elisjeba til kone. Ho var dotter til Amminadab og syster til Nahsjon. Ho fødde han Nadab, Abihu, Elasar og Itamar.

<sup>24</sup>Sønene til Korah var Assir, Elkana og Abiasaf. Det er slektene til Korah.

<sup>25</sup>Elasar, son til Aron, tok ei av døtrene åt Putiel til kone. Ho fødde han Pinhas. Dette er leiarane for familiane til levittane, slekt for slekt.

<sup>26</sup>Det var til Aron og Moses Herren sa: «Før israelittane ut frå Egypt, flokk for flokk!»

<sup>27</sup>Det var dei som tala til farao, kongen i Egypt, om at israelittane skulle først ut frå Egypt; det var Moses og Aron.

### **Herren skal gjera teikn og under**

<sup>28</sup>På den dagen tala Herren til Moses i Egypt.

<sup>29</sup>Han sa: «Eg er Herren. Sei til farao, kongen i Egypt, alt det eg seier deg!»

<sup>30</sup> Men Moses svara for Herrens andlet: «Sjå, eg har uomskorne lepper. Kvifor skulle farao høyra på meg?»

## **2. Mosebok 7**

<sup>1</sup> Herren sa til Moses: «Sjå, eg lèt deg vera som Gud for farao, og Aron, bror din, skal vera profeten din.

<sup>2</sup>Du skal seia alt det eg byd deg, og Aron, bror din, skal seia det til farao, så han lèt israelittane dra frå landet.

<sup>3</sup> Eg vil gjera farao hard i hjartet. Eg vil gjera mange teikn og under i Egypt,



<sup>4</sup>men farao kjem likevel ikkje til å høyra på dykk. Då vil eg leggja mi hand på Egypt og føra flokkane mine, mitt folk israelittane, ut frå Egypt med store straffedommar.

<sup>5</sup>Egyptarane skal kjenna at eg er Herren når eg retter handa ut over Egypt og fører israelittane bort frå dei.»

<sup>6</sup>Så gjorde Moses og Aron dette, dei gjorde som Herren hadde bode dei.

<sup>7</sup>Moses var 80 år gammal og Aron 83 år gammal då dei snakka med farao.

### **Underet med Arons stav**

<sup>8</sup>Herren sa til Moses og Aron:

<sup>9</sup>«Når farao seier til dykk at de skal gjera eit under, skal du seia til Aron: Ta staven din og kast han framfor farao. Han skal bli til ein stor slange!»

<sup>10</sup>Så gjekk Moses og Aron fram for farao og gjorde som Herren hadde sagt. Aron kasta staven sin framfor farao og mennene hans, og staven vart til ein stor slange.

<sup>11</sup>Då sende farao bod på vismennene og trollmennene, og dei egyptiske magikarane gjorde det same med sine løyndomsfulle kunster.

<sup>12</sup>Alle kasta stavane sine, og stavane vart til store slangar. Men staven til Aron slukte stavane deira.

<sup>13</sup>Men hjartet til farao var ikkje til å bøya, han ville ikkje høyra på dei, akkurat slik som Herren hadde sagt.

### **Plagene i Egypt**

*(7,14–11,10)*

#### **Første plaga: vatn til blod**

<sup>14</sup>Då sa Herren til Moses: «Hjartet til farao er hardt, og han nektar å la folket dra.

<sup>15</sup>Gå til farao om morgonen når han kjem ned til vatnet. Still deg der, så du møter han ved elvebredda. Staven som vart omskapt til ein slange, skal du ha i handa.

<sup>16</sup> Du skal seia til han: Herren, som er Gud for hebrearane, har sendt meg til deg for å seia: Lat folket mitt dra, så dei kan tena meg i ørkenen! Men sjå, til no har du ikkje vilja høyra.

<sup>17</sup> Så seier Herren: Ved dette skal du vita at eg er Herren: Sjå, eg slår på vatnet i Nilen med staven eg har i handa, og det skal bli til blod.

<sup>18</sup>Fisken i Nilen skal døy, og elva skal stinka så egyptarane ikkje kan drikka elvevatnet.»

<sup>19</sup>Og Herren sa til Moses: «Sei til Aron: Ta staven din og rett handa ut over vatnet i Egypt, over elvane og kanalane og innsjøane, over alle vassmagasina, så skal vatnet bli til blod. Og det skal vera blod i heile Egypt, jamvel i trekar og steinkar.»

<sup>20</sup> Moses og Aron gjorde som Herren hadde bode dei. Han lyfte staven og slo på vatnet i Nilen for auga på farao og mennene hans, og alt vatnet i elva vart til blod.

<sup>21</sup>Fisken i Nilen døydde, og elva stinka slik at egyptarane ikkje kunne drikka elvevatnet. Det var blod i heile Egypt.

<sup>22</sup> Men dei egyptiske magikarane gjorde det same med sine løyndomsfulle kunster, og farao var ubøyeleg i sitt hjarte. Han ville ikkje høyra på dei, slik som Herren hadde sagt.

<sup>23</sup>Farao snudde seg og gjekk heim. Heller ikkje dette la han seg på hjartet.

<sup>24</sup>Og alle egyptarane grov rundt omkring Nilen etter drikkevatn, for dei kunne ikkje drikka elvevatnet.

<sup>25</sup>Det gjekk sju fulle dagar etter at Herren hadde slege Nilen slik.

## 2. Mosebok 8

### Andre plaga: froskar

<sup>1</sup>Herren sa til Moses: «Gå til farao og sei til han: Så seier Herren: Lat folket mitt dra, så dei kan tena meg!

<sup>2</sup>Men nektar du å la dei dra, vil eg plaga heile landområdet ditt med frosk.

<sup>3</sup>Det skal kry med frosk i Nilen. Dei skal kravla opp på land og koma inn i huset ditt, inn i soverommet ditt og opp i senga di, inn i huset til tenarane dine og til folket ditt, i bakaromnar og bakstetrau.

<sup>4</sup>Froskane skal kravla opp på deg, på folket ditt og på alle tenarane dine.»

<sup>5</sup>Herren sa til Moses: «Sei til Aron: Lyft handa og rett ut staven din over elvane og kanalane og innsjøane. Lat froskane koma over Egypt!»

<sup>6</sup>Og Aron rette handa ut over vatnet i Egypt, og froskane kravla opp og dekte landet.

<sup>7</sup>Men magikarane gjorde det same med løyndomskunstene sine; dei fekk froskane til å koma over Egypt.

<sup>8</sup>Farao kalla Moses og Aron til seg og sa: «Gå i forbøn hos Herren, så han tek froskane bort frå meg og folket mitt! Då vil eg la folket dra så dei kan ofra til Herren.»

<sup>9</sup>Moses sa til farao: «Du skal få æra av å fastsetja kor lenge eg skal gå i forbøn for deg og tenarane dine og folket ditt for å få fjerna froskane frå deg og husa dine. Berre i Nilen skal det vera froskar att.»

<sup>10</sup>Han svara: «Til i morgon.» Då sa Moses: «Det skal bli som du har sagt. For du skal kjenna at ingen er som Herren vår Gud.

<sup>11</sup>Froskane skal bli borte frå deg og husa dine og tenarane dine og folket ditt. Berre i Nilen skal det vera froskar att.»

<sup>12</sup>Så gjekk Moses og Aron ut frå farao. Og Moses ropa til Herren om froskane som han hadde sendt mot farao.

<sup>13</sup>Herren gjorde som Moses hadde sagt, og froskane døydde i husa, på gardsplassane og ute på markene.

<sup>14</sup>Dei vart kasta saman i dunge på dunge, og heile landet stinka.

<sup>15</sup>Men då farao merka at stanken letna, gjorde han seg hard i hjartet og hørde ikkje på dei, akkurat slik Herrenhadde sagt.

### Tredje plaga: lus

<sup>16</sup>Då sa Herren til Moses: «Sei til Aron: Rett ut staven din og slå i støvet på jorda, så skal det bli til lus i heile Egypt!»

<sup>17</sup>Det gjorde dei. Aron rette ut handa og slo med staven i støvet på jorda, og det kom lus på menneske og dyr. Alt støvet på jorda vart til lus i heile Egypt.

<sup>18</sup>Med sine løyndomsfulle kunster prøvde magikarane òg å få fram lus, men det greidde dei ikkje. Lusa vart sitjande på både menneske og dyr.

<sup>19</sup>Då sa magikarane til farao: «Dette er Guds finger.» Men hjartet til farao var ubøyeleg, og han høyrde ikkje på dei, akkurat slik Herren hadde sagt.

#### **Fjerde plaga: insektsvermar**

<sup>20</sup>Då sa Herren til Moses: «Stå tidleg opp i morgon og stig fram for farao når han går ned til vatnet, og sei til han: Så seier Herren: Lat folket mitt dra, så dei kan tena meg!

<sup>21</sup>For lèt du ikkje folket mitt fara, sender eg svermar med insekt over deg og over tenarane dine, over folket ditt og over husa dine. Husa i Egypt og jorda dei står på, skal bli fulle av insekt.

<sup>22</sup> Men den dagen vil eg skilja ut Gosen, der folket mitt held til. Der skal det ikkje vera insekt, for at du skal kjenna at eg, Herren, er midt i landet.

<sup>23</sup>Eg vil setja skilje mellom mitt folk og ditt folk. I morgon skal dette teiknet skje.»

<sup>24</sup>Og Herren gjorde så. Det kom veldige insektsvermar inn i husa til farao og tenarane hans. I heile Egypt vart landet øydelagt av insekt.

<sup>25</sup>Då kalla farao Moses og Aron til seg og sa: «Gå og ber fram offer for dykkar Gud her i landet!»

<sup>26</sup> Moses svara: «Det er ikkje rett å gjera det på den måten. For det vi ofrar til Herren vår Gud, er avskyeleg for egyptarane. Om vi rett for auga på dei ofra noko som dei tykkjer er avskyeleg, ville dei ikkje då steina oss?

<sup>27</sup> Vi vil gå tre dagsreiser ut i ørkenen og ofra til Herren vår Gud, slik han seier til oss.»

<sup>28</sup>Då sa farao: «Eg lét dykk gå så de kan ofra til Herren dykkar Gud i ørkenen. Men de må ikkje dra for langt bort. Gå i forbøn for meg!»

<sup>29</sup>Moses svara: «No går eg bort frå deg og går i forbøn hos Herren. I morgon skal insektsvermane vera borte frå farao og tenarane hans og folket hans. Men farao må ikkje narra oss ein gong til, men la folket dra, så dei kan ofra til Herren.»

<sup>30</sup>Så gjekk Moses bort frå farao, og han gjekk i forbøn hos Herren.

<sup>31</sup>Og Herrengjorde slik Moses hadde sagt. Insektsvermane vart borte frå farao og tenarane hans og folket hans, ikkje éin vart att.

<sup>32</sup>Men også denne gongen gjorde farao seg hard i hjartet, og han lét ikkje folket dra.

## 2. Mosebok 9

### Femte plaga: pest

<sup>1</sup>Herren sa til Moses: «Gå til farao og sei til han: Så seier Herren, som er Gud for hebrearane: Lat folket mitt dra, så dei kan tena meg!

<sup>2</sup>Men om du nektar dei å dra og framleis held dei att,

<sup>3</sup>skal Herrens hand koma over buskapen din på marka med ein forferdeleg pest, både over hestane, esla, kamelane, storfeet og småfeet.

<sup>4</sup>Herren skal skilja mellom buskapen til israelittane og buskapen til egyptarane; ikkje noko av det som høyrer israelittane til, skal døy.»

<sup>5</sup>Og Herren fastsette ei tid og sa: «I morgon skal Herren setja dette i verk i landet.»

<sup>6</sup>Dagen etter sette Herren dette i verk, og heile buskapen til egyptarane døydde. Men av buskapen til israelittane døydde det ikkje eit einaste dyr.

<sup>7</sup>Farao sende bod, og sjå, ikkje eit einaste dyr var daudt av buskapen til israelittane. Men farao gjorde seg hard i hjartet og lét ikkje folket dra.

### Sjette plaga: verkebyllar med blemmer

<sup>8</sup>Herren sa til Moses og Aron: «Fyll nevane med sot frå omnen. Moses skal kasta det mot himmelen for auga på farao,

<sup>9</sup>og det skal bli til fint støv over heile Egypt. Det skal koma over folk og fe og bli til verkebyllar som slår ut i blemmer, overalt i Egypt.»

<sup>10</sup>Dei tok sot frå omnen og gjekk fram for farao, og Moses kasta det mot himmelen, og det vart til verkebyllar og blemmer som sette seg på folk og fe.

<sup>11</sup>Magikarane kunne ikkje møta Moses på grunn av byllane, for det hadde kome verkebyllar på magikarane som på alle dei andre egyptarane.

<sup>12</sup>Men Herren gjorde farao ubøyeleg i hjartet, og han hørde ikkje på dei, slik som Herren hadde sagt til Moses.

### **Sjuande plaga: hagl**

<sup>13</sup>Herren sa til Moses: «Stå tidleg opp i morgon og gå fram for farao og sei til han: Så seier Herren, som er Gud for hebrearane: Lat folket mitt dra, så dei kan tena meg!

<sup>14</sup>For denne gongen vil eg senda alle plagene mine mot deg sjølv og over tenarane dine og folket ditt, så du kan kjenna at ingen er som eg på heile jorda.

<sup>15</sup>Eg kunne alt ha rett ut handa og slege deg og folket ditt med pest, så du hadde vorte utrydda frå jorda.

<sup>16</sup>Men eg har likevel halde deg oppe for å visa deg mi makt, og for at namnet mitt skal bli forkynt over heile jorda.

<sup>17</sup>Framleis hindrar du folket mitt og lèt det ikkje dra.

<sup>18</sup>Sjå, i morgon på denne tida sender eg eit kraftig haglvêr som det aldri har vore maken til i Egypt frå den dagen landet vart til.

<sup>19</sup>Men no, send bod og syt for å berga buskapen din og alt det du har på marka! Alle menneske og dyr som er ute på marka, og som ikkje har rokke å koma i hus, skal døy når haglet fell på dei.»

- <sup>20</sup>Dei av tenarane til farao som frykta Herrens ord, lét tenarane og buskapen søkja ly innandørs.
- <sup>21</sup>Men dei som ikkje opna hjartet for Herrens ord, lét tenarane og buskapen vera ute på marka.
- <sup>22</sup>Herren sa til Moses: «Rett handa opp mot himmelen, og det skal hagla i heile Egypt, over menneske og dyr og over alt som veks på marka i Egypt!»
- <sup>23</sup>Moses rette staven sin opp mot himmelen, og Herren sende torevêr og hagl, og eld fór ned mot jorda. Herren lét det hagla over Egypt.
- <sup>24</sup>Det kom hagl og logande eld midt i haglet, eit haglvêr så kraftig som det ikkje hadde vore i landet sidan egyptarane vart eit folk.
- <sup>25</sup>I heile Egypt slo haglet ned alt som var ute på marka, både menneske og dyr. Haglet slo ned alt som voks på marka, og knuste kvart tre.
- <sup>26</sup>Berre i Gosen, der israelittane budde, fall det ikkje hagl.
- <sup>27</sup>Då sende farao bod etter Moses og Aron og sa til dei: «Denne gongen har eg synda. Herren har retten på si side; det er eg og folket mitt som er skuldige.
- <sup>28</sup>Gå i forbøn hos Herren; det har vore meir enn nok av Guds torevêr og hagl! Så vil eg la dykk dra, de treng ikkje vera her lenger.»
- <sup>29</sup>Moses sa til han: «Så snart eg kjem ut av byen, vil eg strekkja hendene mine ut mot Herren. Torevêret skal stilna, og det skal halda opp å hagla. For du skal kjenna at jorda høyrer Herren til.
- <sup>30</sup>Men eg veit at du og tenarane dine enno ikkje fryktar Herren Gud.»
- <sup>31</sup>Linnet og bygget vart slegne ned, for bygget stod med aks og linet i blom.
- <sup>32</sup>Men kveiten og spelten vart ikkje slegne ned, for dei blir mogne seinare.
- <sup>33</sup>Moses gjekk bort frå farao og ut av byen, og han strekte hendene ut mot Herren. Torevêret og haglet heldt opp, og regnet strøymde ikkje ned på jorda meir.

<sup>34</sup>Då farao såg at regnet og haglet og torevêret hadde halde opp, heldt han fram med å synda. Han og tenarane hans gjorde seg harde i hjartet.

<sup>35</sup>Farao var ubøyeleg i sitt hjarte, og han lét ikkje israelittane dra, slik som Herren hadde sagt gjennom Moses.

## 2. Mosebok 10

### Åttande plaga: grashopper

<sup>1</sup>Herren sa til Moses: «Gå til farao! Det er eg som har gjort hjarta harde, både i han og i tenarane hans, for at eg skal gjera desse teikna mellom dei,

<sup>2</sup>og for at du skal fortelja born og barneborn korleis eg viste makta mi i Egypt, og kva for teikn eg gjorde mellom dei. Då skal de kjenna at eg er Herren.»

<sup>3</sup>Moses og Aron gjekk til farao og sa til han: «Så seier Herren, som er Gud for hebrearane: Kor lenge vil du nekta å bøya deg for meg? Lat folket mitt dra, så dei kan tena meg!

<sup>4</sup>For nektar du å la folket mitt dra, skal eg i morgon senda grashopper inn over landet ditt.

<sup>5</sup>Dei skal dekkja alt synleg land, så ein ikkje lenger kan sjå jorda. Dei skal eta opp den resten som er att, det de har att etter haglet, og dei skal eta snautt kvart eit tre som veks på marka.

<sup>6</sup>Dei skal fylla både husa dine og husa til tenarane dine og alle hus i Egypt. Noko slikt har korkje fedrane eller forfedrane dine sett frå den dagen dei kom til verda og til denne dag.» Så snudde han seg og gjekk bort frå farao.

<sup>7</sup>Då sa tenarane til farao: «Kor lenge skal denne mannen vera ei snare for oss? Lat mennene dra, slik at dei kan tena Herren sin Gud! Forstår du enno ikkje at Egypt går til grunne?»

<sup>8</sup>Då vart Moses og Aron henta tilbake til farao, og han sa til dei: «Gå og ten Herren dykkar Gud! Men kven skal eigentleg gå?»



<sup>9</sup>«Vi skal gå både unge og gamle», svara Moses. «Vi går med sønene og døtrene våre, og med småfeet og storfeet vårt, for vi skal halda høgtid for Herren.»

<sup>10</sup>Men han sa til dei: «Herren skulle nok vera med dykk dersom eg lét dykk og småborna dykkar dra! Der ser de, de har vonde planar.

<sup>11</sup>Nei, slik blir det ikkje! Mennene kan dra av stad og tena Herren, for det bad de om.» Dermed vart dei jaga bort frå farao.

<sup>12</sup> Då sa Herren til Moses: «Rekk handa di ut over Egypt, så skal grashoppene koma over landet og eta opp alt som veks der, alt det som haglet lét stå att.»

<sup>13</sup>Moses rekte staven sin ut over Egypt, og Herren dreiv ein austavind inn over landet heile den dagen og heile natta. Då det vart morgon, hadde austavinden ført med seg grashoppene.

<sup>14</sup>Grashoppene kom inn over heile Egypt, og dei slo seg ned overalt i landet. Så mange grashopper har det aldri før vore og kjem det aldri meir til å bli.

<sup>15</sup>Dei dekte alt synleg land, så jorda vart heilt svart. Og dei åt opp alt som voks i landet, og all frukt som var att på trea etter haglvêret. Det vart ikkje noko grønt att, korkje på tre eller planter, i heile Egypt.

<sup>16</sup> Då sende farao i all hast bod etter Moses og Aron. Han sa: «Eg har synda mot Herrendykkar Gud og mot dykk.

<sup>17</sup>Men tilgjev meg no denne eine gongen. Gå i forbøn for meg hos Herren dykkar Gud så han kan ta denne døden bort frå meg!»

<sup>18</sup>Og Moses gjekk bort frå farao og gjekk i forbøn hos Herren.

<sup>19</sup>Då snudde Herren vinden, og han vart til ein sterk vestavind. Han førte grashoppene bort og kasta dei i Sivsjøen. Det vart ikkje ei einaste grashoppe att i heile Egypt.

<sup>20</sup> Men Herren gjorde hjartet til farao ubøyeleg, og han lét ikkje israelittane dra.

### Niande plaga: mørker

<sup>21</sup>Herren sa til Moses: «Rekk handa di opp mot himmelen, så skal det koma mørker over Egypt, eit mørker så tett at ein kan ta på det!»

<sup>22</sup>Moses rekte handa opp mot himmelen. Då vart det stummande mørkt i heile Egypt i tre dagar.

<sup>23</sup>I tre dagar kunne ingen sjå kvarandre og ingen reisa seg frå plassen sin. Men der israellittane budde, var det lyst.

<sup>24</sup>Då sende farao bod etter Moses og sa: «Gå og ten Herren! Småfeet og storfeet må bli att, men borna kan gå med dykk.»

<sup>25</sup> Moses svara: «Du skal sjølv gje oss slaktoffer og brennoffer så vi kan ofra til Herren vår Gud,

<sup>26</sup>men buskapen vår skal òg vera med. Ikkje ei klauv skal vera att. For det er buskapen vi må ta av når vi skal tena Herren vår Gud. Og vi veit ikkje kva vi skal tena Herren med før vi kjem fram.»

<sup>27</sup>Men Herren gjorde hjartet til farao ubøyeleg, og han ville ikkje la dei dra.

<sup>28</sup>Farao sa til Moses: «Gå frå meg! Ta deg i akt, så du aldri kjem framfor andletet mitt meir! For den dagen du gjer det, skal du døy!»

<sup>29</sup>Moses svara: «Det er rett som du seier; eg skal aldri sjå andletet ditt meir.»

## 2. Mosebok 11

### Tiande plaga: dei førstefødde skal døy

<sup>1</sup>Herren sa til Moses: «Endå ei plage skal eg føra over farao og Egypt. Deretter skal han la dykk dra – ikkje berre la dykk dra, han skal jaga dykk ut herifrå.

<sup>2</sup>Sei så folket høyrer det at kvar mann og kvar kvinne skal be naboen sin om ting av sølv og gull.»

<sup>3</sup>Og Herren lét egyptarane sjå med velvilje på folket. Moses vart òg halden for ein svært stor mann i Egypt, både av tenarane til farao og av folket.

<sup>4</sup>Moses sa: «Så seier Herren: Ved midnattstid vil eg gå gjennom Egypt.

<sup>5</sup>Då skal alle førstefødde i Egypt døy, frå den førstefødde hos farao som sit på si trone, til den førstefødde hos slavekvinna som står bak kverna, og alle førstefødde dyr i buskapen.

<sup>6</sup>I heile Egypt skal det lyda eit skrik så høgt at det aldri har vore maken til det før og heller ikkje skal bli det sidan.

<sup>7</sup>Men ikkje ein hund skal knurra mot nokon av israellittane, korkje mot menneske eller dyr. Slik skal de forstå at Herren set eit skilje mellom egyptarane og israellittane.

<sup>8</sup>Då skal alle desse mennene dine koma ned til meg og bøya seg for meg og seia: Dra ut, du og heile folket som følgjer deg! Og så skal eg dra ut.» Dermed gjekk han bort frå farao i brennande harme.

<sup>9</sup>Herren sa til Moses: «Farao kjem ikkje til å høyra på dykk. Så kan eg få gjort mange under i Egypt.»

<sup>10</sup>Moses og Aron gjorde alle desse undera for farao. Men Herren gjorde hjartet til farao ubøyeleg, og han lét ikkje israellittane dra ut frå landet.

## 2. Mosebok 12

### Herren skipar til påskehøgtida

<sup>1</sup>Herren sa til Moses og Aron i Egypt:

<sup>2</sup>Denne månaden skal vera nyttårs månaden dykkar. Han skal vera den første månaden i året.

<sup>3</sup>Sei til heile Israels forsamling: Den tiande dagen i denne månaden skal kvar husfar ta eit lam, eitt til kvar huslyd.

<sup>4</sup>Men dersom huslyden er for liten til å eta opp eit lam, skal husfaren og den næraste naboen ta eitt i lag, alt etter kor mange dei er. De skal ikkje rekna fleire på kvart lam enn at alle blir mette.

<sup>5</sup>Lammet må vera eit årsgammalt vêrlam utan feil. De kan ta anten eit lam eller eit kje.

<sup>6</sup>De skal ta vare på det til den fjortande dagen i denne månaden. Då skal heile Israels forsamling slakta det i skumringa.

<sup>7</sup>Så skal dei ta noko av blodet og stryka det på dei to dørstolpane og på bjelken over døra i dei husa der dei et det.

<sup>8</sup>Og kjøtet skal dei eta same natta. Det skal vera steikt over elden, og dei skal eta det med usyra brød og bitre urter.

<sup>9</sup>De må ikkje eta det rått eller kokt i vatn. Nei, det skal vera steikt over elden med hovud, føter og innvolar.

<sup>10</sup>De må ikkje la noko bli att til morgonen etter. Er det noko att om morgonen, skal de brenna det opp.

<sup>11</sup>Slik skal de eta det: Med kjortelen bunden om livet, skor på føtene og stav i handa. Et det i all hast! Det er påske for Herren.

<sup>12</sup>Denne natta skal eg gå gjennom Egypt og slå i hel alle førstefødde i landet, både menneske og dyr, og eg skal halda dom over alle gudane i Egypt. Eg er Herren.

<sup>13</sup>Men blodet skal vera det merket som syner kva for hus de er i. Når eg ser blodet, vil eg gå forbi. Inga øydeleggjande plage skal råka dykk når eg slår Egypt.

<sup>14</sup>Sidan skal denne dagen vera ein minnedag for dykk. De skal feira han som ei høgtid for Herren, de skal feira i slekt etter slekt. Det skal vera ei evig ordning.

<sup>15</sup>I sju dagar skal de eta usyra brød. Alt den første dagen skal de ta surdeigen ut frå husa dykkar. Kvar den som et noko som er syra, frå den første til den sjuande dagen, skal støytast ut frå Israel.

<sup>16</sup>Den første dagen skal de halda ei heilag samling, på den sjuande dagen skal de òg halda ei heilag samling. Desse dagane skal de ikkje gjera noko arbeid. Berre den maten som kvar av dykk treng, skal de laga til.

<sup>17</sup>Høgtida med usyra brød skal de halda, for på denne dagen førte eg hærane dykkar ut frå Egypt. Difor skal de feira denne dagen i slekt etter slekt. Det skal vera ei evig ordning.

<sup>18</sup>Frå kvelden den fjortande dagen i den første månaden til kvelden den tjueførste dagen i same månaden skal de eta usyra brød.

<sup>19</sup>I sju dagar må det ikkje finnast surdeig i husa dykkar. Kvar den som et noko som er syra, skal støytast ut frå Israels forsamling, anten han er innflyttar eller fødd i landet.

<sup>20</sup>De må ikkje eta noko som er syra. Kvar de enn bur, skal de eta usyra brød.

<sup>21</sup>Då kalla Moses saman alle dei eldste i Israel og sa til dei: «Gå og hent småfe til familiane dykkar og slakt påskelammet!

<sup>22</sup>Så skal de ta ein isopkvast, dyppa han i blodet i skåla og stryka noko av blodet på bjelken over døra og på dei to dørstolpane. Ingen av dykk må gå ut gjennom døra til huset sitt før om morgonen.

<sup>23</sup> For Herren skal dra gjennom landet for å slå egyptarane. Og når han ser blodet på bjelken og på dei to dørstolpane, skal han gå forbi døra og ikkje la øydeleggjaren sleppa inn i huset for å slå dykk.

<sup>24</sup> Dette skal de halda, og det skal vera ei evig ordning for deg og etterkomarane dine.

<sup>25</sup> Når de så kjem inn i det landet Herrenhar lova å gje dykk, skal de halda denne skikken ved lag.

<sup>26</sup> Og når borna dykkar spør kva dette er for ein skikk,

<sup>27</sup> skal de svara: Det er eit påskeoffer for Herren fordi han gjekk forbi husa til israelittane i Egypt då han slo egyptarane, men sparte husa våre.» Då bøygde folket seg til jorda og tilbad.

<sup>28</sup> Så gjekk israelittane bort og gjorde dette. Det som Herrenhadde gjeve Moses og Aron påbod om, det gjorde dei.

### **Israelittane bryt opp frå Egypt**

<sup>29</sup> Midt på natta slo Herren i hel alle førstefødde i Egypt, frå den førstefødde hos farao, som sat på si trone, til den førstefødde hos fangen i fengselet, og alle dei førstefødde dyra i buskapen.

<sup>30</sup> Den natta stod farao opp, han og alle tenarane hans og alle egyptarane. Det høyrdest eit veldig skrik i Egypt, for det fanst ikkje eit einaste hus utan døde.

<sup>31</sup> Medan det endå var natt, sende farao bod etter Moses og Aron og sa: «Bryt opp og dra bort frå folket mitt, både de og israelittane! Gå av stad og ten Herren slik de har bede om!

<sup>32</sup> Ta òg med dykk småfeet og storfeet dykkar, som de har sagt, og dra bort! Bed så om velsigning for meg òg!»

<sup>33</sup> Egyptarane pressa på folket for å få dei ut av landet så fort som råd. «Elles døyr vi alle saman», sa dei.

<sup>34</sup> Då tok folket deigen sin, som endå ikkje var heva, batt kappene sine om bakstetraua og bar dei på akslene.

<sup>35</sup> Israelittane gjorde som Moses hadde sagt. Dei bad egyptarane om ting av sølv og gull og om klede.

<sup>36</sup> Og Herren lét egyptarane få godvilje for folket så dei gav folket det dei bad om. Slik utnytta dei egyptarane.

<sup>37</sup> Så braut israelittane opp frå Ramses og drog til Sukkot. Dei var om lag 600 000 mann til fots, forutan kvinner og born.

<sup>38</sup> Mange slags menneske følgde med dei, i tillegg til ein stor flokk med småfe og storfe.

<sup>39</sup> Av deigen dei hadde med seg frå Egypt, baka dei usyra kaker, som ikkje var heva. For dei vart jaga ut av Egypt og kunne ikkje venta lenger. Difor hadde dei heller ikkje hatt tid til å få med seg mat til reisa.

<sup>40</sup> Israelittane hadde då budd i Egypt i 430 år.

<sup>41</sup> Akkurat denne dagen, då dei 430 åra var til endes, drog alle Herrens hærar ut frå Egypt.

<sup>42</sup>Det var ei vakenatt for Herren då han førte dei ut frå Egypt. Denne natta er Herrens natt. Denne natta skal alle israelittar vaka i slekt etter slekt.

<sup>43</sup>Herren sa til Moses og Aron: «Dette er forskrifta om påskelammet: Ingen framande skal eta av det.

<sup>44</sup>Men kvar slave som er kjøpt for pengar, og som du har late omskjera, kan eta av det.

<sup>45</sup>Ingen framand som bur eller arbeider hos deg, kan eta av det.

<sup>46</sup>Lammet skal etast i eitt og same hus. Kjøtet må ikkje takast ut av huset, og beina må ikkje brytast på lammet.

<sup>47</sup>Slik skal heile Israels forsamling gjera.

<sup>48</sup>Dersom innflyttaren som bur hos deg, vil halda påske for Herren, skal alle mennene hos han omskjerast. Då kan han vera med og halda høgtid. Han skal vera som ein som er fødd i landet. Men ingen uomskoren kan eta av det.

<sup>49</sup>Ei og same lov skal gjelda for den som er fødd i landet, og for innflyttaren som bur hos dykk.»

<sup>50</sup>Dette gjorde alle israelittane. Dei gjorde alt som Herren hadde pålagt Moses og Aron.

<sup>51</sup>Den same dagen førte Herren israelittane ut frå Egypt, hærskare etter hærskare.

## **2. Mosebok 13**

### **Høgtida til minne om det usyra brødet**

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>«Alle førstefødde skal du helga til meg. Alt førstefødd hos israelittane, det som opnar morslivet, skal høyra meg til, anten det er menneske eller dyr.»

<sup>3</sup>Moses sa til folket: Kom i hug denne dagen då de drog ut frå Egypt, ut frå slavehuset. For med sterk hand førte Herren dykk ut derifrå. Då skal de ikkje eta noko som er syra.

- <sup>4</sup>I dag dreg de ut, i månaden abib.
- <sup>5</sup>Med eid lova Herren fedrane dine å gje deg eit land som fløymer med mjølk og honning. Når så Herren fører deg inn i landet til kanaanearane og hetittane, amorittane, hevittane og jebusittane, då skal du i denne månaden feira denne høgtida slik:
- <sup>6</sup>I sju dagar skal du eta usyra brød, og den sjuande dagen skal det vera høgtid for Herren.
- <sup>7</sup>Alle dei sju dagane skal du eta usyra brød. Det må ikkje finnast noko som er syra hos deg, i heile landet må det ikkje finnast nokon surdeig.
- <sup>8</sup>Den dagen skal du fortelja son din: «Dette er til minne om det Herren gjorde for meg då eg drog ut frå Egypt.»
- <sup>9</sup>Du skal ha det som eit merke på handa og eit minneteikn på panna, så Herrens lov kan vera på leppene dine. For med sterk hand førte Herren deg ut frå Egypt.
- <sup>10</sup>Denne forskrifta skal du halda til fastsett tid, år etter år.
- <sup>11</sup>Når Herren har ført deg inn i Kanaan, slik han lova deg og fedrane dine, og gjev deg landet,
- <sup>12</sup>då skal du bera fram for Herren alt det som opnar morslivet. Alt det første som blir fødd i buskapen din, og som er av hannkjønn, høyrer Herren til.
- <sup>13</sup>Alt som opnar morslivet hos esla, skal du løysa ut med eit lam. Løyser du det ikkje ut, skal du bryta nakken på det. Kvart førstefødd gutebarn skal du løysa ut.
- <sup>14</sup>Og når son din sidan spør deg kva dette tyder, skal du svara: «Med sterk hand førte Herren oss ut frå Egypt, ut frå slavehuset.
- <sup>15</sup>Då farao gjorde seg hard og ikkje ville la oss dra, slo Herren i hel alle førstefødde i Egypt, av både menneske og dyr. Difor ofrar eg til Herren alt av hannkjønn som opnar morslivet, men kvar førstefødd son løyser eg ut.



<sup>16</sup>Det skal vera eit teikn på handa di og eit merke på panna di. For med sterk hand førte Herren oss ut frå Egypt.»

### **Skysøyla og eldsøyla**

<sup>17</sup>Då farao lét folket dra, førte Gud dei ikkje gjennom landet til filistrane, sjølv om den vegen var den kortaste. For Gud tenkte at folket kunne koma til å angra seg og venda attende til Egypt dersom dei opplevde krig.

<sup>18</sup>Difor lét Gud dei gå ein omveg gjennom ørkenen mot Sivsjøen. Så drog israelittane opp frå Egypt, fullt rusta.

<sup>19</sup> Moses tok med seg knoklane etter Josef. For Josef hadde teke ein eid av israelittane og sagt: «Når Gud tek seg av dykk, då skal de ta knoklane mine med dykk herifrå.»

<sup>20</sup>Dei braut opp frå Sukkot og slo leir i Etam, i utkanten av ørkenen.

<sup>21</sup> Og Herren gjekk føre dei; om dagen i ei skysøyle for å syna dei vegen, om natta i ei eldsøyle for å lysa for dei. Slik kunne dei gå vidare både dag og natt.

<sup>22</sup>Skysøyla veik ikkje frå folket om dagen og eldsøyla ikkje om natta.

## **2. Mosebok 14**

### **Sivsjø-underet**

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>«Sei til israelittane at dei skal snu om og slå leir framfor Pi-Hahiroth, mellom Migdol og havet! Framfor Baal-Safon, midt imot byen, skal de slå leir ved havet.

<sup>3</sup>Så kjem farao til å seia at israelittane har gått seg vill i landet, og at ørkenen har stengt dei inne.

<sup>4</sup>Eg vil gjera hjartet til farao ubøyeleg, så han set etter dei. Då skal eg visa min herlegdom på farao og heile hans hær. Og egyptarane skal kjenna at eg er Herren.» Dette gjorde israelittane.

<sup>5</sup>Då kongen i Egypt fekk melding om at folket hadde rømt, kom han og tenarane hans på andre tankar om folket. «Kva er det vi har gjort?» sa dei. «Vi lét israelittane dra frå slavearbeidet hos oss!»

<sup>6</sup>Så lét han spenna for vogna si og tok hæren med seg.

<sup>7</sup>Han tok 600 av dei beste vognene og elles alt som fanst av vogner i Egypt, og offiserar til kvar av dei.

<sup>8</sup>For Herren gjorde farao, kongen i Egypt, ubøyeleg i hjartet, så han sette etter israelittane. Men israelittane drog ut med lyft hand.

<sup>9</sup>Egyptarane sette etter dei med alle vognene, hestane og ryttarane og heile hæren til farao. Dei nådde dei att ved Pi-Hahiroth, der dei låg i leir ved havet, framfor Baal-Safon.

<sup>10</sup>Då farao nærma seg, såg israelittane opp og fekk auge på egyptarane som kom etter dei. Dei vart gripne av stor redsle og ropa til Herren.

<sup>11</sup>Dei sa til Moses: «Fanst det ikkje graver nok i Egypt sidan du har ført oss ut i ørkenen for å døy? Kvifor har du gjort dette mot oss? Kvifor førte du oss ut frå Egypt?»

<sup>12</sup>Var det ikkje det vi sa til deg i Egypt: Lat oss få vera i fred, vi vil arbeida for egyptarane! Det er betre for oss å arbeida for dei enn å døy i ørkenen.»

<sup>13</sup>Då sa Moses til folket: «Ver ikkje redde! Stå fast, så skal de få sjå at Herren frelser dykk i dag! For slik de ser egyptarane i dag, skal de aldri meir sjå dei.

<sup>14</sup> Herren skal strida for dykk, og de skal vera stille.»

<sup>15</sup>Herren sa til Moses: «Kvifor ropar du til meg? Sei til israelittane at dei skal dra vidare!

<sup>16</sup>Du skal lyfta staven din og retta handa ut over havet og kløyva det, så israelittane kan gå tørrskodde tvers igjennom havet.

<sup>17</sup>Sjå, eg gjer hjartet til egyptarane ubøyeleg, så dei set etter dei. Eg skal visa min herlegdom på farao og heile hans hær, på vognene og ryttarane hans.

<sup>18</sup>Egyptarane skal kjenna at eg er Herren når eg viser min herlegdom på farao og vognene og ryttarane hans.»

<sup>19</sup>Guds engel, som hadde gått føre Israels leir, bytte no plass og gjekk etter folket. Skysøyla som var framfor dei, flytte seg og stilte seg bak dei,

<sup>20</sup>så ho kom mellom leiren til egyptarane og leiren til israelittane. Og skya kom med mørker, men lyste likevel opp natta, så dei ikkje kom innpå kvarandre heile natta.

<sup>21</sup>Då rette Moses handa ut over havet, og Herren dreiv havet bort med ein sterk austavind, som bles heile natta, så havet vart til tørt land. Vatnet vart kløyvd,

<sup>22</sup>og israelittane gjekk tørrskodde tvers igjennom havet. Vatnet stod som ein mur til høgre og venstre for dei.

<sup>23</sup>Egyptarane sette etter dei med alle hestane, vognene og ryttarane til farao, og følgde etter dei midt ut i havet.

<sup>24</sup>Men ved morgonvakta såg Herren ned på leiren til egyptarane frå eldsøyla og skysøyla, og han skapte forvirring blant dei.

<sup>25</sup>Han låste hjula på vognene deira så det vart tungt for dei å koma seg fram. Då sa egyptarane: «Lat oss rømme for israelittane! For Herren kjempar for dei mot egyptarane.»

<sup>26</sup>Då sa Herren til Moses: «Rett handa ut over havet, så skal vatnet venda attende over egyptarane, over vognene og ryttarane deira!»

<sup>27</sup>Så rette Moses handa ut over havet, og ved morgongry vende vatnet attende. Egyptarane rømde rett imot det, og Herren støyte dei midt ut i havet.

<sup>28</sup>Vatnet vende attende og skylde over alle vognene og ryttarane i hæren til farao, som hadde følgd etter israelittane ut i havet. Ikkje ein mann overlevde.

<sup>29</sup>Men israelittane gjekk tørrskodde gjennom havet medan vatnet stod som ein mur til høgre og venstre for dei.

<sup>30</sup>Den dagen frelste Herren Israel frå handa til egyptarane. Israelittane såg at egyptarane låg døde på stranda.

<sup>31</sup>Då dei såg det storverketHerren hadde gjort mot egyptarane, frykta folket Herren, og dei trudde påHerren og på Moses, tenaren hans.

## 2. Mosebok 15

### Herren er min styrke

<sup>1</sup>Då song Moses og israelittane denne songen for Herren: Eg vil syngja for Herren, for han er høgt opphøgd; hest og ryttrar kasta han i havet.

<sup>2</sup>Herren er mi kraft og min styrke, han har vorte mi frelse. Han er min Gud, han vil eg prisa, min fars Gud, han vil eg opphøgja.

<sup>3</sup>Herren er ein krigar, Herren er hans namn.

<sup>4</sup>Faraos vogner og heile hans hær kasta han i havet, dyktige krigarar drukna i Sivsjøen.

<sup>5</sup>Havdjupa gøymde dei, dei sokk som stein i djupet.

<sup>6</sup>Herre, di høgre hand er herleg i makt, di høgre hand knuser fiendar, Herre.

<sup>7</sup>I ditt velde slår du ned dei som reiser seg mot deg. Du slepper harmen din laus, han fortærer dei som strå.

<sup>8</sup>Ved eit pust frå din nase tårna vatnet seg opp. Strøymande vatn stod som ein voll, djupa stivna i havsens hjarte.

<sup>9</sup>Fienden sa: «Eg set etter og når dei att, deler bytte og stiller all mi lyst. Eg dreg sverdet og utryddar dei med mi hand.»

<sup>10</sup>Du lét din pust blåsa, og havet gøymde dei. Dei sokk som bly i det veldige vatnet.

<sup>11</sup>Kven er som du blant gudane, Herre? Kven er som du, herleg og heilag, skremmande i storverk, underfull i gjerning?

<sup>12</sup>Du rette ut di høgre hand, då slukte jorda dei.

<sup>13</sup>I kjærleik førte du det folket som du fria ut. Du leidde dei med di kraft til din heilage bustad.

<sup>14</sup>Folka hørde det og skalv, angst greip dei som bur i Filistarland.

<sup>15</sup>Då vart Edoms hovdingar forfærde, dei mektige i Moab skalv, alle som bur i Kanaan, mista motet.

<sup>16</sup>Angst og redsle kjem over dei, ved din veldige arm blir dei som forsteina, medan folket ditt dreg framom, Herre, medan folket som du har vunne, dreg framom.

<sup>17</sup> Du skal føra dei inn og planta dei på fjellet som er din eigedom, på staden du har gjort til din bustad, Herre, heilagdomen som dine hender har grunnlagt, Herre.

<sup>18</sup> Herren er konge til evig tid.

<sup>19</sup> Då hestane til farao, med vogner og ryttarar, gjekk ut i havet, létHerren vatnet venda attende over dei. Men israelittane gjekk tørrskodde gjennom havet.

<sup>20</sup> Så tok syster til Aron, Mirjam, som var profet, ei tromme i handa, og alle kvinnene følgde etter henne, slo på tromme og dansa.

<sup>21</sup>Mirjam song i vekselong med dei: «Syng for Herren, for han er høgt opphøgd, Hest og ryttar kasta han i havet!»

### **Vatn i ørkenen**

<sup>22</sup> Moses lét Israel bryta opp frå Sivsjøen, og dei kom til ørkenen Sjur. Dei gjekk tre dagar i ørkenen utan å finna vatn.

<sup>23</sup> Så kom dei til Mara; men dei kunne ikkje drikka vatnet i Mara fordi det var beiskt. Difor vart staden kalla Mara.

<sup>24</sup>Folket klaga til Moses og sa: «Kva skal vi drikka?»

<sup>25</sup>Då ropa han til Herren, og Herren viste han eit tre. Det kasta han i vatnet, og vatnet vart friskt. I Mara fastsette han lov og rett for folket, og der sette han dei på prøve.

<sup>26</sup> Han sa: «Om du fullt og heilt lyder røysta til Herren din Gud og gjer det som rett er i hans auge, lyttar til boda hans og held alle forskriftene hans, då skal eg ikkje leggja på deg alle dei sjukdomane eg la på egyptarane. For eg, Herren, er den som lækjer deg.»

<sup>27</sup> Sidan kom dei til Elim. Der var det tolv vasskjelder og sytti daddelpalmar. Og dei slo leir der ved vatnet.

## 2. Mosebok 16

### Brød frå himmelen

<sup>1</sup> Dei braut opp frå Elim, og heile Israels forsamling kom til Sin-ørkenen, som ligg mellom Elim og Sinai. Det var den femtande dagen i den andre månaden etter at dei hadde drege ut frå Egypt.

<sup>2</sup> Heile forsamlinga klaga til Moses og Aron i ørkenen

<sup>3</sup> og sa: «Om vi berre hadde fått døy for Herrens hand i Egypt då vi sat rundt kjøtgrytene og åt oss mette! Men no har de ført oss ut i denne ørkenen for at alle vi som er samla her, skal døy av svolt.»

<sup>4</sup> Då sa Herren til Moses: «Sjå, eg vil la det regna brød ned til dykk frå himmelen. Kvar dag skal folket gå ut og sankar det dei treng. Slik vil eg setja dei på prøve og sjå om dei følgjer mi lov eller ikkje.

<sup>5</sup> Når dei den sjette dagen lagar til det dei har henta, skal det vera dobbelt så mykje som det dei elles sankar kvar dag.»

<sup>6</sup> Så sa Moses og Aron til alle israelittane: «I kveld skal de forstå at det var Herren som førte dykk ut frå Egypt.

<sup>7</sup> Og i morgon tidleg skal de få sjå Herrens herlegdom, for han har høyrte korleis de klagar til han. Men kven er vel vi, sidan de klagar til oss?»

<sup>8</sup> Moses heldt fram: «I kveld skal Herregje dykk kjøt å eta og i morgon brød å metta dykk med. For Herren har høyrte korleis de har klaga til han. Men kven er vi? Det er ikkje over oss de klagar, men over Herren.»

<sup>9</sup>Moses sa til Aron: «Sei til heile Israels forsamling: Kom fram for Herren, for han har høyrte korleis de murrar!»

<sup>10</sup> Medan Aron tala til Israels forsamling, vende dei seg mot ørkenen. Og sjå, Herrens herlegdom synte seg i skyene.

<sup>11</sup>Då tala Herren til Moses:

<sup>12</sup>«Eg har høyrte korleis israelittane murrar. Sei til dei: Når det mørknar, skal de få kjøt å eta, og i morgon tidleg skal de få eta dykk mette på brød. De skal kjenna at eg er Herren dykkar Gud.»

<sup>13</sup> I kveldinga kom det vaktlar og dekte leiren, og om morgonen låg det eit lag med dogg rundt leiren.

<sup>14</sup>Då dogga var borte, låg det att eit fint, kornete lag over ørkenen; det var som fint rim på jorda.

<sup>15</sup> Då israelittane såg det, sa dei til kvarandre: «Kva er det?» For dei visste ikkje kva det var. Og Moses sa til dei: «Det er det brødet Herren har gjeve dykk å eta.

<sup>16</sup> Dette er det påbodet Herren har gjeve: Sank så mykje de kan eta av dette, ein omer per hovud. Alt etter kor mange de er, skal kvar henta til dei som bur i teltet.»

<sup>17</sup>Det gjorde israelittane, somme sank mykje, andre lite.

<sup>18</sup> Då dei målte det i omer, hadde den som hadde sank mykje, ikkje noko til overs, og den som hadde sank lite, mangla ingen ting. Alle hadde sank så mykje mat som dei trong.

<sup>19</sup>Moses sa til dei: «Ingen må la det bli noko att til neste morgon.»

<sup>20</sup>Men dei høyrde ikkje på Moses. Somme lét det vera att noko til neste morgon. Då gjekk det makk i det, og det stinka. Og Moses vart sint på dei.

<sup>21</sup>Kvar morgon sank kvar og ein så mykje mat som han trong. Når sola byrja å verma, smelta det.

<sup>22</sup>Den sjette dagen sanko dei dobbelt så mykje brød, to omer til kvar. Og alle leiarane i forsamlinga kom og fortalde det til Moses.

<sup>23</sup>Då sa han til dei: «Dette er det Herren har sagt. I morgon er det sabbatskvile, ein heilag sabbat for Herren. Bak no det som skal bakast, og kok det som skal kokast! Men alt det som blir til overs, skal de leggja bort til i morgon.»

<sup>24</sup>Så la dei det bort til om morgonen, slik som Moses hadde pålagt dei. Då stinka det ikkje, og det gjekk ikkje makk i det.

<sup>25</sup>Moses sa: «Et det i dag, for i dag er det sabbat for Herren. I dag finn de ikkje noko på marka.

<sup>26</sup>Seks dagar skal de sanko. Men den sjuande dagen er det sabbat. Då er det ingen ting der.»

<sup>27</sup>Den sjuande dagen var det likevel nokre som gjekk ut og ville sanko. Men dei fann ingen ting.

<sup>28</sup>Då sa Herren til Moses: «Kor lenge vil de nekta å halda boda og lovene mine?

<sup>29</sup>Merk dykk at Herren har gjeve dykk sabbaten! Difor gjev han dykk på den sjette dagen mat for to dagar. Bli der de er! Ingen må gå bort frå staden sin den sjuande dagen.»

<sup>30</sup>Så heldt folket seg i ro den sjuande dagen.

<sup>31</sup> Israelittane kalla det manna. Det likna korianderfrø. Det var kvitt og smaka som tynne kaker baka i honning.

<sup>32</sup> Moses sa: «Dette er det påbodet Herren har gjeve dykk: Fyll ein omer med manna og ta vare på han til etterkomarane dykkar, så dei kan få sjå det brødet eg gav dykk å eta i ørkenen då eg førte dykk ut frå Egypt.»

<sup>33</sup>Og Moses sa til Aron: «Ta ei krukke, fyll henne med ein omer manna og set henne ned for Herrens andlet! Ta vare på krukka for etterkomarane dykkar.»



<sup>34</sup> Aron gjorde som Herren hadde pålagt Moses. Han sette krukka ned framfor vitnemålet. Der skulle ho stå.

<sup>35</sup> Israelittane åt manna i førti år, til dei kom til land der det budde folk. Dei åt manna heilt til dei kom til grensa mot Kanaan.

<sup>36</sup>Ein omer er ein tiandedel av ein efa.

## 2. Mosebok 17

### Vatn frå berget

<sup>1</sup> Heile Israels forsamling braut opp frå Sin-ørkenen og drog vidare frå stad til stad, slik som Herren baud dei. Dei slo leir i Refidim, men der fanst det ikkje vatn så folket kunne få drikka.

<sup>2</sup> Folket tretta med Moses og sa: «Gjev oss vatn så vi får drikka!» Moses svara: «Kvifor trettar de med meg? Kvifor set de Herren på prøve?»

<sup>3</sup> Men folket tørsta etter vatn. Dei klaga til Moses og sa: «Kvifor har du ført oss opp frå Egypt? Vil du at vi og borna våre og buskapen vår skal døy av tørste?»

<sup>4</sup> Då ropa Moses til Herren og sa: «Kva skal eg gjera med dette folket? Snart steinar dei meg!»

<sup>5</sup> Herren sa til Moses: «Ta med deg nokre av dei eldste i Israel og gå føre folket. Og staven som du slo på Nilen med, skal du ta med deg når du går.

<sup>6</sup> Sjå, eg skal stå framfor deg på berget ved Horeb. Når du slår på berget, skal det strøyma fram vatn, så folket får drikka.» Moses gjorde som Herren sa, framfor auga på dei eldste i Israel.

<sup>7</sup> Han kalla staden Massa og Meriba. For der tretta israelittane, og der sette dei Herren på prøve då dei sa: «Er Herren iblant oss eller ikkje?»

### Siger over amalekittane

<sup>8</sup> Amalekittane kom og gjekk til kamp mot israelittane i Refidim.

<sup>9</sup>Då sa Moses til Josva: «Vel ut nokre menn for oss, ta i veg og kjemp mot amalekittane! I morgon skal eg stå på toppen av høgda med Guds stav i handa.»

<sup>10</sup>Josva gjorde som Moses sa, og kjempa mot amalekittane, medan Moses, Aron og Hur gjekk opp på toppen av høgda.

<sup>11</sup>Då gjekk det slik til at så lenge Moses heldt handa i vêret, hadde israelittane overtaket, men så snart han lét handa siga, fekk amalekittane overtaket.

<sup>12</sup>Men då Moses trøytta i hendene, fann dei ein stein som han sette seg på. Så støtta Aron og Hur hendene hans, ein på kvar side. Då var hendene hans stø heilt til sola gjekk ned.

<sup>13</sup>Josva slo amalekittane og hæren deira ned med sverd.

<sup>14</sup>Sidan sa Herren til Moses: «Skriv dette ned i ein bokrull som eit minne, og les det opp for Josva. For eg vil utsletta alt minne om amalekittane under himmelen.»

<sup>15</sup>Då bygde Moses eit altar og kalla det «Herren er mi fane».

<sup>16</sup>Og han sa: «Handa på Herrens fane! Herren skal kjempa mot amalekittane frå slekt til slekt.»

## 2. Mosebok 18

### Jetro hos Moses

<sup>1</sup>Jetro, presten i Midjan, var svigerfar til Moses. Han fekk høyra om alt det Gud hadde gjort for Moses og for Israel, folket sitt – at Herren hadde ført Israel ut frå Egypt.

<sup>2</sup>Då tok Jetro, svigerfar til Moses, med seg Sippora, kona hans, som Moses hadde sendt heim,

<sup>3</sup>og dei to sønene hennar. Den eine heitte Gersjom, for Moses hadde sagt: «Eg har vorte innflyttar i framandt land.»

<sup>4</sup>Den andre heitte Elieser, for: «Gud til far min kom meg til hjelp og berga meg frå sverdet til farao.»

<sup>5</sup>No kom Jetro, svigerfar til Moses, til han i ørkenen med sønene og kona hans. Der i ørkenen hadde Moses slege leir ved Guds fjell.

<sup>6</sup>Han sende bod til Moses og sa: «Eg, Jetro, svigerfar din, kjem til deg med kona di og dei to sønene hennar.»

<sup>7</sup>Då gjekk Moses ut og kom svigerfar sin til møtes. Han bøygde seg ned for han og kyste han. Dei helsa på kvarandre og gjekk så inn i teltet.

<sup>8</sup>Moses fortalde svigerfar sin om alt det Herren hadde gjort med farao og egyptarane for Israels skuld, om alt slitet og strevet på vegen og korleis Herren hadde berga dei.

<sup>9</sup>Jetro gledde seg over alt det gode som Herren hadde gjort mot Israel, at han hadde berga dei frå handa til egyptarane.

<sup>10</sup>Jetro sa: «Velsigna er Herren som har berga dykk frå farao og egyptarane, og som har berga folket frå undertrykkinga i Egypt.

<sup>11</sup>For egyptarane handla i overmot mot dei, men no veit eg at Herren er større enn alle gudar.»

<sup>12</sup>Jetro, svigerfar til Moses, bar fram brennoffer og slaktoffer for Gud. Og Aron og alle dei eldste i Israel kom og åt med han framfor Guds andlet.

### **Jetro gjev råd**

<sup>13</sup> Dagen etter sat Moses og skifte rett blant folket. Dei stod omkring han frå morgon til kveld.

<sup>14</sup>Då svigerfar hans såg alt det han hadde å gjera for dei, sa han: «Kva er det du tek på deg for folket? Kvifor sit du åleine og dømmer medan heile folket står oppover deg frå morgon til kveld?»

<sup>15</sup>Moses svara svigerfar sin: «Folket kjem til meg for å spørja Gud om råd.

<sup>16</sup>Når dei har sak, kjem dei til meg, og eg skifter rett mellom dei. Eg gjer dei kjende med Guds forskrifter og lover.»

<sup>17</sup>Då sa svigerfar hans: «Det er ikkje bra det du gjer.

<sup>18</sup>Du kjem til å slita ut både deg sjølv og folket som er hos deg. Dette er altfor tungt for deg, du kan ikkje gjera det åleine.

<sup>19</sup>Høyr no på meg! Eg vil gje deg eit råd, og Gud skal vera med deg. Du skal stiga fram for Gud på vegner av folket og leggja sakene deira fram for han.

<sup>20</sup>Du skal forklara dei forskriftene og lovene og gjera dei kjende med den vegen dei skal gå, og dei gjerningane dei skal gjera!

<sup>21</sup>Men du skal sjå deg ut dugande menn av heile folket, menn som fryktar Gud, er pålitelege og som hatar urett vinning. Du skal setja dei til å vera førarar for tusen, hundre, femti og ti.

<sup>22</sup>Dei skal skifta rett blant folket til kvar tid. Kvar stor sak skal dei koma til deg med, men i kvar lita sak skal dei dømme sjølve. Slik skal du letta børa for deg sjølv og la dei bera henne saman med deg.

<sup>23</sup>Gjer du det slik og dette er Guds vilje, kan du halda ut, og då kan alt folket her dra heim i fred.»

<sup>24</sup>Moses høyrde på svigerfar sin og gjorde alt det han sa.

<sup>25</sup>Han valde ut dugande menn av heile Israel og sette dei til overhovud for folket. Somme skulle vera førarar for tusen, andre for hundre, femti og ti.

<sup>26</sup>Og dei skifte rett blant folket til kvar tid. Kvar vanskeleg sak kom dei med til Moses, og i kvar lita sak dømde dei sjølve.

<sup>27</sup>Så lét Moses svigerfar sin dra, og han gjekk heim att til landet sitt.

## 2. Mosebok 19

### Herren openberrar seg på Sinai

<sup>1</sup>Israelittane kom til Sinai-ørkenen i den tredje månaden etter utferda frå Egypt, på nymånedagen.

<sup>2</sup>Dei braut opp frå Refidim og kom til Sinai-ørkenen. Israelittane slo leir der i ørkenen, dei slo leir framfor fjellet.

<sup>3</sup>Moses gjekk opp til Gud. Då ropa Herren til han frå fjellet: «Dette skal du seia til Jakobs hus og fortelja til israelittane:

- <sup>4</sup>De har sett kva eg gjorde med egyptarane, og korleis eg lyfte dykk på ørnevinger og bar dykk hit til meg.
- <sup>5</sup>Dersom de lyder mi røyst og held mi pakt, skal de vera min kostelege eigedom framfor alle andre folk; for heile jorda er mi.
- <sup>6</sup>De skal vera eit kongerike av prestar og eit heilagt folk for meg. Dette er dei orda du skal tala til israelittane.»
- <sup>7</sup>Då Moses kom tilbake, kalla han saman dei eldste i folket og la fram for dei alle dei orda som Herren hadde pålagt han.
- <sup>8</sup>Og heile folket svara samrøystes: «Alt det Herren har sagt, skal vi gjera.» Dette svaret bar Moses tilbake til Herren.
- <sup>9</sup>Då sa Herren til Moses: «Sjå, eg kjem til deg i ei tett sky, så folket kan høyra når eg talar med deg. Då vil dei stola på deg for alltid.» Moses fortalde Herren kva folket hadde sagt.
- <sup>10</sup>Herren sa til Moses: «Gå til folket. Du skal helga dei i dag og i morgon, og dei skal vaska kleda sine.
- <sup>11</sup>Den tredje dagen skal dei halda seg klare, for på den dagen skal Herrenstiga ned på Sinai-fjellet for auga på heile folket.
- <sup>12</sup>Du skal dra ei grense framfor folket og seia: Ta dykk i vare, så de ikkje går opp på fjellet eller rører ved foten av det! Kvar den som rører ved fjellet, skal døy.
- <sup>13</sup>Inga hand må røra han. Han skal steinast eller skytast. Anten det er eit dyr eller eit menneske, skal det ikkje få leva. Når det lyder ein lang hornstøyt, kan de gå opp på fjellet.»
- <sup>14</sup>Så gjekk Moses ned frå fjellet til folket. Han helga dei, og dei vaska kleda sine.
- <sup>15</sup>Han sa til folket: «Hald dykk klare den tredje dagen! Kom ikkje nær noka kvinne!»

<sup>16</sup>Då det vart morgon tredje dagen, byrja det å torna og lyna. Ei tung sky la seg over fjellet, og det gjalla høgt frå bukkehorn. Alt folket i leiren skalv av redsle.

<sup>17</sup> Men Moses førte folket ut frå leiren for å møta Gud, og dei stilte seg ved foten av fjellet.

<sup>18</sup> Heile Sinai-fjellet stod i røyk fordi Herren hadde stige ned på det i eld. Røyken steig opp som frå ein smelteomn, og heile fjellet skalv.

<sup>19</sup> Lyden av bukkehorn vart sterkare og sterkare. Moses tala, og Gud svara han med høg røyst.

<sup>20</sup> Då steig Herren ned på toppen av Sinai-fjellet. Herren kalla Moses opp til toppen av fjellet, og Moses gjekk opp.

<sup>21</sup> Herren sa til han: «Gå ned og åtvar folket, så dei ikkje trengjer seg fram til Herren for å sjå! For då kjem mange av dei til å falla.

<sup>22</sup> Jamvel prestane, som elles får stiga fram for Herren, må helga seg, for at Herren ikkje skal bryta inn blant dei.»

<sup>23</sup> Då sa Moses til Herren: «Folket kan ikkje gå opp på Sinai-fjellet, for du har sjølv åtvara oss og sagt: Dra ei grense rundt fjellet og lys det heilag!»

<sup>24</sup> Herren sa til han: «Gå ned, og kom så opp att saman med Aron! Men prestane og folket må ikkje trengja seg fram for å gå opp til Herren, for då bryt han inn blant dei.»

<sup>25</sup> Då gjekk Moses ned til folket og sa det til dei.

## 2. Mosebok 20

### Dei ti boda

<sup>1</sup> Gud tala alle desse orda:

<sup>2</sup> Eg er Herren din Gud, som førte deg ut frå Egypt, ut frå slavehuset.

<sup>3</sup> Du skal ikkje ha andre gudar enn meg.

- <sup>4</sup> Du skal ikkje laga deg gudebilete, inga etterlikning av noko som er oppe i himmelen eller nede på jorda eller i vatnet under jorda.
- <sup>5</sup> Du skal ikkje tilbe dei og ikkje la deg lokka til å dyrka dei! For eg, Herren din Gud, er ein nidkjær Gud som straffar borna i tredje og fjerde slektsledd for synda til fedrane når dei hatar meg,
- <sup>6</sup> men viser trufast kjærleik i tusen slektsledd mot dei som elsker meg og held boda mine.
- <sup>7</sup> Du skal ikkje misbruka namnet til Herren din Gud, for Herren lèt ikkje den gå fri som misbruker namnet hans.
- <sup>8</sup> Hugs på sabbatsdagen og hald han heilag.
- <sup>9</sup> Seks dagar skal du arbeida og gjera all di gjerning,
- <sup>10</sup> men den sjuande dagen er sabbat for Herren din Gud. Då skal du ikkje gjera noko arbeid, korkje du eller son din eller dotter di, korkje slaven din eller slavekvinna di, korkje buskapen din eller innflyttaren som bur i byane dine.
- <sup>11</sup> For på seks dagar laga Herren himmelen og jorda, havet og alt som er i dei; men den sjuande dagen kvilte han. Difor velsigna Herren sabbatsdagen og helga han.
- <sup>12</sup> Du skal heidra far din og mor di, så du kan leva lenge i det landet Herren din Gud gjev deg.
- <sup>13</sup> Du skal ikkje slå i hel.
- <sup>14</sup> Du skal ikkje bryta ekteskapet.
- <sup>15</sup> Du skal ikkje stela.
- <sup>16</sup> Du skal ikkje vitna falskt mot nesten din.
- <sup>17</sup> Du skal ikkje trå etter huset til nesten din. Du skal ikkje trå etter kona til nesten din, slaven eller slavekvinna hans, oksen eller eselet hans eller noko anna som høyrer nesten din til.

<sup>18</sup>Heile folket var vitne til torebraka og lynglimta, lyden av bukkehorn og røyken frå fjellet. Folket såg det og skalv og vart ståande langt borte.

<sup>19</sup> Dei sa til Moses: «Tal med oss du, så skal vi høyra! Men lat ikkje Gud tala med oss, for då kjem vi til å døy.»

<sup>20</sup> Då sa Moses til folket: «Ver ikkje redde! Gud er komen for å setja dykk på prøve, og for at de skal frykta han så de ikkje syndar.»

<sup>21</sup>Så vart folket ståande langt borte, medan Moses nærma seg den tette skodda der Gud var.

### **Altaret**

<sup>22</sup>Herren sa til Moses: Dette skal du seia til israelittane: De har sjølv sett at eg har tala med dykk frå himmelen.

<sup>23</sup>De skal ikkje laga dykk nokon gud ved sida av meg. Gudar av sølv eller gull skal de ikkje laga dykk.

<sup>24</sup> Eit altar av jord skal du laga for meg. På det skal du ofra brennoffera og fredsoffera dine og småfeet og storfeet ditt. Overalt der eg lèt namnet mitt nemnast, skal eg koma til deg og velsigna deg.

<sup>25</sup> Men om du lagar eit steinaltar for meg, skal du ikkje byggja det av hoggen stein. For bruker du meisel på steinane, vanhelgar du dei.

<sup>26</sup> Du skal ikkje gå opp til altaret mitt på trapper, så du ikkje skal koma til å blotta deg framfor det.

## **2. Mosebok 21**

### **Om slavar**

<sup>1</sup>Dette er dei lovene du skal leggja fram for israelittane:

<sup>2</sup>Når du kjøper ein hebraisk slave, skal han arbeida i seks år. Men i det sjuande året skal han setjast fri utan vederlag.

<sup>3</sup>Kjem han som einsleg, skal han dra som einsleg. Er han gift, skal kona hans setjast fri saman med han.



<sup>4</sup>Dersom herren hans gjev han ei kone og ho føder han søner og døtrer, skal kona og borna høyra til herren hennar, og han skal setjast fri åleine.

<sup>5</sup>Men dersom slaven klårt seier: «Eg er glad i herren min og i kone og born, eg vil ikkje bli fri»,

<sup>6</sup>då skal herren føra han fram for Gud og stilla han opp ved døra eller ved ein dørstolpe, og herren hans skal stikka ein syl gjennom øyret på han. Så skal han vera slaven hans for all tid.

<sup>7</sup>Når ein mann sel dotter si som slavekvinne, skal ho ikkje gjevast fri på same måten som dei andre slavane.

<sup>8</sup>Har herren hennar valt henne ut til seg sjølv, men likevel ikkje likar henne, skal han la henne kjøpast fri. Men han har ikkje rett til å selja henne til eit framandt folk, sidan han har vore trulaus mot henne.

<sup>9</sup>Men har han valt henne ut til son sin, skal han gje henne dei same rettane som døtrer har.

<sup>10</sup> Får han endå ei kone, skal han ikkje la den første mangla kjøt, klede eller angande oljar.

<sup>11</sup>Dersom han ikkje lèt henne få desse tre tinga, skal ho gjevast fri utan vederlag.

### **Om drap og skadar**

<sup>12</sup> Den som slår eit menneske i hel, skal døy.

<sup>13</sup> Om han ikkje hadde planlagt det, men det var Gud som lèt han falla for hans hand, då skal eg fastsetja ein stad han kan rømma til.

<sup>14</sup> Men når nokon med overlegg og list drep nesten sin, då skal du ta han, om det så er frå altaret mitt. Han skal døy.

<sup>15</sup>Den som slår far sin eller mor si, skal døy.

<sup>16</sup>Den som bortfører eit menneske, skal døy, anten han sel det eller det blir funne hos han.

<sup>17</sup> Den som forbannar far sin eller mor si, skal døy.

<sup>18</sup>Det kan henda at to menn kjem i trette. Den eine slår den andre med ein stein eller med knyttneven så han blir sengeliggjande, men han dør ikkje.

<sup>19</sup>Dersom han kan stå opp att og gå ute med stokk, skal han som slo, sleppa straff. Han skal berre betala skadebot for den tida han har tapt, og syta for at han blir heilt frisk att.

<sup>20</sup>Når nokon slår ein slave eller ei slavekvinne med stokk, så slaven dør for hans hand, då skal det hemnast.

<sup>21</sup>Men lever slaven ein dag eller to, skal det ikkje hemnast, slaven er jo hans eigedom.

<sup>22</sup>Det kan henda at nokon slåst og støyter til ei gravid kvinne så ho mistar barnet, men sjølv ikkje blir skadd. Då skal den skuldige betala den skadebota som mannen hennar pålegg han, og det skal skje hos dommarane.

<sup>23</sup> Men skjer det ein skade, skal du bøta liv for liv,

<sup>24</sup>auge for auge, tann for tann, hand for hand, fot for fot,

<sup>25</sup>brannsar for brannsar, flengje for flengje, skramme for skramme.

<sup>26</sup>Når nokon slår ein slave eller ei slavekvinne i auget og skamfer det, skal han gje slaven fri som vederlag for auget.

<sup>27</sup>Slår han ut ei tann på ein slave eller ei slavekvinne, skal han gje slaven fri som vederlag for tanna.

### **Om oksar**

<sup>28</sup>Det kan henda at ein okse stangar i hel ein mann eller ei kvinne. Då skal oxen steinast, og kjøtet må ikkje etast, men eigaren av oxen skal sleppa straff.

<sup>29</sup>Men dersom oxen hadde for vane å stanga, og eigaren ikkje såg etter han endå han hadde vorte åtvare, og oxen så drep ein mann eller ei kvinne, då skal oxen steinast, og eigaren skal òg døy.

<sup>30</sup>Blir han ilagd bot, skal han betala så mykje i løysepengar for livet sitt som det blir kravd av han.

<sup>31</sup>Er det ein gut eller ei jente oxen stangar, skal same lova gjelda.

<sup>32</sup>Men er det ein slave eller ei slavekvinne oxen stangar, skal eigaren gje herren deira tretti sjekel sølv, og oxen skal steinast.

<sup>33</sup>Når ein mann lèt ein brønn stå open eller grev ein brønn utan å tekkja over, og ein okse eller eit esel dett nedi,

<sup>34</sup>då skal den som eig brønnen, gje vederlag til den som eigde dyret, men det daude dyret kan han få ha.

<sup>35</sup>Når ein okse skader ein annan manns okse så han døyr, skal dei selja den levande oxen og dela pengane. Det daude dyret skal dei òg dela.

<sup>36</sup>Men var det kjent at oxen hadde for vane å stanga, og eigaren likevel ikkje såg etter han, då skal han gje ein annan okse til vederlag, og det daude dyret skal vera hans.

## 2. Mosebok 22

### Om eigedom

<sup>1</sup>Når nokon stel ein okse eller eit lam og slaktar eller sel dyret, skal han som vederlag for oxen gje fem oksar og for lammet fire lam.

<sup>2</sup>Dersom ein tjuv blir oppdaga medan han bryt seg inn, og han blir slegen så han døyr, då blir det ikkje rekna som blodskuld.

<sup>3</sup>Men skjer det etter at sola har runne, blir det rekna som blodskuld. Ein tjuv skal gje full skadebot. Eig han ingenting, skal han seljast som vederlag for det han har stole.

<sup>4</sup>Dersom det som er stole, endå finst i live hos han, anten det er ein okse, eit esel eller eit lam, skal han gje dobbel skadebot.

<sup>5</sup>Når nokon lèt feet sitt beita på ein åker eller ei vinmark, og han slepper feet laus så det kjem over på ein annan manns åker og beiter der, då skal han som vederlag gje det beste frå eigen åker og eiga vinmark.

<sup>6</sup>Når det bryt ut eld og han spreier seg til tornekrattet slik at korn i stakk eller korn på strå eller heile åkeren brenn opp, då skal den som er skuld i brannen, gje full skadebot.

<sup>7</sup>Det kan henda at nokon lèt ein annan ta vare på pengar eller eigedelar for seg, og at dette blir stole frå huset hans. Dersom tjuven blir funnen, skal han gje dobbelt vederlag.

<sup>8</sup>Men dersom tjuven ikkje blir funnen, skal huseigaren først fram for Gud, så det kan avgjerast om han har strekt handa si ut etter det som høyrer nesten til.

<sup>9</sup>I alle saker om lovbrot, anten det gjeld ein okse, eit esel, ein sau, klede eller ting som er komne på avveggar, der nokon seier: «Det var han», skal saka mellom dei to koma fram for Gud. Og den som Gud dømmer skuldig, skal gje nesten sin dobbelt vederlag.

<sup>10</sup>Det kan henda at nokon lèt ein annan ta vare på eit esel, ein okse, eit lam eller eit anna dyr, og at det så døyr eller kjem til skade eller blir fanga utan at nokon ser det.

<sup>11</sup>Då skal saka mellom dei to avgjerast gjennom at han sver ved Herren at han ikkje har strekt handa ut etter det som høyrer nesten til. Eigaren skal godta dette, og den andre skal ikkje gje han vederlag.

<sup>12</sup>Men er dyret stole frå han, skal han gje eigaren fullt vederlag.

<sup>13</sup>Er det rive i hel, skal han visa det fram som prov. Han skal ikkje gje vederlag for det som er ihelrive.

<sup>14</sup>Når nokon låner eit dyr av nesten sin, og det kjem til skade eller døyr utan at eigaren var til stades, skal han gje fullt vederlag.

<sup>15</sup>Men var eigaren til stades, skal han ikkje gje vederlag. Var dyret leigd, skal han likevel ha leiga.

### **Om morallover og renter**

<sup>16</sup> Når ein mann forfører ei jomfru som ikkje er lova bort, og ligg med henne, då skal han betala brureprisen og ta henne til kone.

- <sup>17</sup>Men nektar faren å gje henne bort til han, skal han betala ein sum som svarar til brureprisen for ei jomfru.
- <sup>18</sup> Ei trollkvinne skal du ikkje la leva.
- <sup>19</sup> Den som ligg med dyr, skal døy.
- <sup>20</sup> Den som ofrar til andre gudar og ikkje til Herren åleine, skal bli slegen med bann og utsletta.
- <sup>21</sup> Du skal ikkje undertrykkja og ikkje gjera urett mot ein innflyttar, for de har sjølve vore innflyttarar i Egypt.
- <sup>22</sup> De skal ikkje plaga enkjer og farlause.
- <sup>23</sup>Plagar du dei, og dei så ropar til meg, vil eg høyra ropet deira.
- <sup>24</sup>Då skal vreiden min flamma opp, og eg skal slå dykk i hel med sverd så konene dykkar blir enkjer og borna dykkar farlause.
- <sup>25</sup> Låner du pengar til ein frå folket mitt, til den fattige hos deg, då skal du ikkje som ein pengeutlånar krevja renter av han.
- <sup>26</sup> Tek du kappa frå nesten din som pant, skal du la han få henne att før sola går ned,
- <sup>27</sup>for den er det einaste han har å sveipa seg i. Kappa skal han ha rundt kroppen, kva elles skal han liggja i? Når han ropar til meg, vil eg høyra; for eg er miskunnsam.
- <sup>28</sup> Gud skal du ikkje forbanna, og ein leiar i folket ditt skal du ikkje forbanna.
- <sup>29</sup> Ver ikkje sein med å gje av din rikdom og di overflod. Den førstefødde av sønene dine skal du gje til meg.
- <sup>30</sup> Det same skal du gjera med storfeet og småfeet ditt. Sju dagar skal det vera hos mora, den åttande dagen skal du gje det til meg.
- <sup>31</sup>Heilage menneske skal de vera for meg. De skal ikkje eta kjøt av dyr som er rivne i hel på marka, men de skal kasta det til hundane.

## 2. Mosebok 23

## Retttferd og kjærleik

- <sup>1</sup> Du skal ikkje setja ut falske rykte. Gjev ikkje handslag til den som er skuldig, så du blir eit urettferdig vitne!
- <sup>2</sup> Du skal ikkje følgja fleirtalet i det som er vondt! Når du vitnar i ei rettssak, skal du ikkje gje etter for fleirtalet så du vrengjer retten.
- <sup>3</sup> Du skal ikkje gje den svake parten føremoner i ei rettssak.
- <sup>4</sup> Når du kjem over ein okse eller eit esel som høyrer fienden din til, og som har gått seg vill, skal du føra dyret tilbake til han.
- <sup>5</sup> Når du ser at eselet til uvenen din segnar under børa, må du ikkje gå din veg. Du skal hjelpa han med det.
- <sup>6</sup> Du skal ikkje vrengja retten for den fattige i ei rettssak.
- <sup>7</sup> Hald deg borte frå falske klagemål. Ein skuldfri og ein retttferdig må du ikkje slå i hel, for eg vil ikkje frikjenna den som er skuldig.
- <sup>8</sup> Du skal ikkje ta imot stikkpengar! For slike gåver gjer den klårsynte blind og øydelegg saka for den retttferdige.
- <sup>9</sup> Du skal ikkje undertrykkja ein innflyttar! De veit korleis det kjennest å vera innflyttar, for de har sjølve vore innflyttarar i Egypt.
- <sup>10</sup> Seks år skal du så til jorda di og hausta det ho ber.
- <sup>11</sup> Men det sjuande året skal du la henne liggja brakk og kvila, så dei fattige i folket ditt kan livnæra seg av henne. Og det som blir att, kan villdyra eta. Det same skal du gjera med vinmarkene og oliventrea dine.
- <sup>12</sup> Seks dagar skal du gjera arbeidet ditt. Men den sjuande dagen skal du kvila, så oksen din og eselet ditt kan få ro og sonen til slavekvinna og innflyttaren kan få koma til krefter.
- <sup>13</sup> Alt det eg har sagt dykk, skal de halda. De skal ikkje nemna namnet på andre gudar; det må ikkje høyrast frå din munn.

## Dei årlege høgtidene

- <sup>14</sup> Tre gonger om året skal du feira høgtid for meg.

**15** Du skal halda høgtida med usyra brød. I sju dagar skal du eta usyra brød, slik eg har bode deg, til fastsett tid, i månaden abib, for det var då du drog ut frå Egypt. Ingen må visa seg tomhendt for mitt andlet.

**16** Du skal òg halda festen for kornhausten, når du haustar inn førstegrøda av det du sådde på marka, og festen for innhaustinga ved utgangen av året, når du haustar inn frukta av arbeidet ditt på marka.

**17** Tre gonger om året skal alle mennene hos deg stiga fram for Herren over alle Herrar.

**18** Du skal ikkje ofra blodet av slaktofferet mitt saman med noko som er syra, og feittet av høgtidsofferet mitt må ikkje liggja natta over til neste morgon.

**19** Det beste av førstegrøda frå jorda di skal du koma med til huset åt Herrendin Gud. Du skal ikkje koka eit kje i mjølka frå mora.

### **Engelen og lovnadene**

**20** Sjå, eg sender ein engel føre deg for å ta vare på deg på vegen og føra deg til den staden som eg har gjort i stand.

**21** Legg merke til han og lyd han! Set deg ikkje opp mot han, for han vil ikkje bera over med syndene dykkar, for namnet mitt er i han.

**22** Men høyrer du på det han seier og gjer alt det eg byd deg, då vil eg vera ein fiende for dine fiendar og ein motstandar for dine motstandarar.

**23** For engelen min skal gå framfor deg og føra deg til amorittane og hetittane, perisittane og kanaaneanarane, hevittane og jebusittane, og eg vil utsletta dei.

**24** Du skal ikkje tilbe gudane deira og ikkje la deg lokka til å dyrka dei. Du skal ikkje gjera som dei, men du skal riva steinstøttene deira ned til grunnen og slå dei sund.

**25** De skal tena Herren dykkar Gud. Då vil han velsigna brødet ditt og vatnet ditt. Sjukdom vil eg halda borte frå deg.

**26** Inga kvinne i landet ditt skal mista barn eller vera ufruktbar. Eg skal fylla ditt mål av dagar.

<sup>27</sup> Eg vil senda redsle for meg framfor deg og skapa forvirring blant alle dei folka du kjem til. Eg skal få alle fiendane dine til å snu ryggen til deg og flykta.

<sup>28</sup> Eg vil senda bisvermar framfor deg. Dei skal jaga hevittane, kanaanearane og hetittane bort frå deg.

<sup>29</sup>Eg vil ikkje driva dei ut før det er gått eitt år, så landet ikkje skal bli liggjande audt og villdyra bli for mange for deg.

<sup>30</sup> Litt etter litt vil eg driva dei ut for deg, til du blir så talrik at du kan ta landet i eige.

<sup>31</sup> Eg skal la landegrensene dine nå frå Sivsjøen til Filistarhavet, frå ørkenen til Euftrat. For eg vil gje dei som bur i landet, i di hand, og du skal driva dei bort framfor deg.

<sup>32</sup> Du skal ikkje gjera noka pakt med dei og med gudane deira.

<sup>33</sup>Dei må ikkje bli buande i landet ditt, så dei får deg til å synda mot meg. For dyrkar du gudane deira, blir det til ei snare for deg.

## 2. Mosebok 24

### Herren gjer pakt med Israel

<sup>1</sup> Gud sa til Moses: «Kom opp til Herren, du og Aron, Nadab og Abihu og sytti av dei eldste i Israel! Medan de enno er langt borte, skal de kasta dykk ned og tilbe!

<sup>2</sup>Berre Moses skal nærma seg Herren, dei andre må ikkje koma nær. Og folket skal ikkje gå opp saman med han.»

<sup>3</sup> Moses kom og kunngjorde alle Herrens ord og forskrifter for folket. Då svara dei samrøystes: «Alt Herren har sagt, vil vi gjera.»

<sup>4</sup>Så skreiv Moses ned alle orda frå Herren. Neste morgon stod han tidleg opp og bygde eit altar ved foten av fjellet og reiste tolv steinstøtter for Israels tolv stammar.



<sup>5</sup>Han sende ut nokre unge israelittar for å bera fram brennoffer og slakta oksar som fredsoffer for Herren.

<sup>6</sup>Moses tok halvparten av blodet og helte det i skåler; den andre halvparten stenka han på altaret.

<sup>7</sup>Så tok han paktboka og las henne høgt for folket, og dei sa: «Vi vil vera lydige og gjera alt Herren har sagt.»

<sup>8</sup>Då tok Moses blodet, stenka det på folket og sa: «Sjå, dette er paktblodet, den pakta Herren har gjort med dykk på grunnlag av alle desse orda.»

<sup>9</sup>Moses og Aron, Nadab og Abihu og sytti av dei eldste i Israel gjekk då opp

<sup>10</sup>og fekk sjå Israels Gud. Under føtene hans var det som eit golv av safir, klårt som himmelen sjølv.

<sup>11</sup>Men mot Israels fremste menn lyfte han ikkje handa. Dei skoda Gud, og dei åt og drakk.

### Moses på Sinai-fjellet

<sup>12</sup>Sidan sa Herren til Moses: «Kom opp til meg på fjellet og bli der, så skal eg gje deg steintavlene, lova og boda som eg har skrive ned for å rettleia folket.»

<sup>13</sup>Då drog Moses i veg med Josva, tenaren sin. Og Moses gjekk opp på Guds fjell.

<sup>14</sup>Til dei eldste sa han: «Vent på oss her til vi kjem att! De har Aron og Hur hos dykk. Er det nokon som har ei sak, kan han gå til dei.»

<sup>15</sup>Så gjekk Moses opp på fjellet, og skya dekte fjellet.

<sup>16</sup>Herrensherlegdom kvilte over Sinai-fjellet, og skya dekte det i seks dagar. Den sjuande dagen ropa Herren på Moses frå skya.

<sup>17</sup>Israelittane såg Herrensherlegdom som ein øydande eld på fjelltoppen.

<sup>18</sup>Så gjekk Moses inn i skya og opp på fjellet. Og Moses vart verande på fjellet i førti dagar og førti netter.

## 2. Mosebok 25

## Gåver til heilagdomen

- <sup>1</sup>Herren sa til Moses:
- <sup>2</sup>Sei til israelittane at dei skal koma med ei offergåve til meg. De skal ta imot gåve frå kvar den som gjev av eit villig hjarte.
- <sup>3</sup>Dette er gåvene de skal ta imot frå dei: gull, sølv og bronse,
- <sup>4</sup>purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff, tøy av fint lin og geiteragg,
- <sup>5</sup>raudfarga vêrskinn, andre fingarva skinn og akasietre,
- <sup>6</sup>olje til lampene, krydra balsam til salvingsoljen og til den velluktande røykjelsen,
- <sup>7</sup>onyks-stein og andre steinar til å setja på efod-drakta og bryststykket.
- <sup>8</sup>Lat dei reisa ein heilagdom for meg, så vil eg bu midt iblant dei.
- <sup>9</sup>Denne bustaden og alt det som høyrer til i han, skal de laga nøyaktig etter den modellen eg viser deg.

## Paktkista

- <sup>10</sup> De skal laga ei kiste av akasietre, to og ei halv alen lang, ei og ei halv alen brei og ei og ei halv alen høg.
- <sup>11</sup>Du skal kle henne med reint gull både innvendig og utvendig og laga ein gullkant rundt henne.
- <sup>12</sup>Du skal støypa fire gullringar og festa dei i dei fire hjørna, to ringar på den eine sida og to ringar på den andre sida.
- <sup>13</sup>Du skal laga berestenger av akasietre og kle dei med gull,
- <sup>14</sup>og stikka stengene inn i ringane på begge sider slik at de kan bera kista med dei.
- <sup>15</sup>Stengene skal alltid vera i ringane på kista; dei må aldri takast ut.
- <sup>16</sup> I kista skal du leggja vitnemålet som eg vil gje deg.
- <sup>17</sup> Du skal laga ein soningsstad av reint gull, to og ei halv alen lang og ei og ei halv alen brei.

- <sup>18</sup>På kvar side av soningsstaden skal du laga to kjerubar av hamra gull,  
<sup>19</sup>ein kjerub på den eine sida og ein kjerub på den andre sida. De skal laga dei slik at dei går i eitt med soningsstaden i begge endar.
- <sup>20</sup>Kjerubane skal lyfta vengene og breia dei utover slik at dei dekkjer soningsstaden. Kjerubane skal vera vende mot kvarandre, med andletet mot soningsstaden.
- <sup>21</sup>Så skal du leggja soningsstaden som lok på kista, og i kista skal du leggja vitnemålet eg skal gje deg.
- <sup>22</sup> Der vil eg møta deg. Alt det eg pålegg deg å seia til israelittane, vil eg seia deg frå soningsstaden mellom dei to kjerubane som er over kista med vitnemålet.

### **Bordet med skodebrøda**

- <sup>23</sup> Du skal laga eit bord av akasietre, to alner langt, ei alen breitt og ei og ei halv alen høgt.
- <sup>24</sup>Du skal kle det med reint gull og laga ein gullkant rundt det.
- <sup>25</sup>Så skal du laga ei list til bordet. Ho skal vera ei handsbreidd tjukk og gå heilt rundt. Rundt lista skal du laga ein gullkant.
- <sup>26</sup>Du skal laga fire gullringar til bordet og setja ringane i dei fire hjørna ved dei fire føtene.
- <sup>27</sup>Ringane skal vera inntil lista. Dei skal vera haldarar for stengene som er til å bera bordet med.
- <sup>28</sup>Stengene skal du laga av akasietre og kle dei med gull. Med dei skal bordet berast.
- <sup>29</sup>Til bordet skal du laga fat og skåler, kanner og bollar til drikkofferet. Av reint gull skal du laga dei.
- <sup>30</sup> Syt for at det alltid ligg skodebrød på bordet framfor andletet mitt!

### **Lysetaken**

**31** Du skal laga ein lysestake av reint gull. Lysestaken med fot og stamme og skålene med knoppar og blomar skal hamrast ut av eitt stykke.

**32**Seks armar skal gå ut frå lysestaken, tre på den eine sida og tre på den andre sida.

**33**På den første armen skal det vera tre skåler forma som ein mandelblom, kvar med knopp og blom; på den neste armen skal det vera tre skåler forma som ein mandelblom, kvar med knopp og blom. Slik skal det vera på alle dei seks armane som går ut frå lysestaken.

**34**På sjølve staken skal det vera fire mandelforma skåler med knoppar og blomar.

**35**Det skal vera ein knopp under det første armparet, ein under det andre og ein under det tredje, det vil seia under alle dei seks armane som går ut frå lysestaken.

**36**Knoppene og armane skal gå i eitt med staken. Det heile skal hamrast ut av eitt stykke reint gull.

**37** Du skal laga sju lamper til lysestaken. Du skal setja dei opp slik at dei kastar lys rett framfor staken.

**38**Tengene og oskeskuffene som høyrer til, skal vera av reint gull.

**39**Lysestaken og alt utstyret skal lagast av ein talent reint gull.

**40** Sjå til at du gjer arbeidet etter den modellen som vart synt deg på fjellet!

## **2. Mosebok 26**

### **Guds bustad**

**1** Du skal laga bustaden av ti teltdukar. Dei skal vera av fint, tvinna lin og purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff. I dukane skal du veva inn kjerubar i kunstvevnad.

**2** Kvar duk skal vera tjueåtte alner lang og fire alner brei. Alle dukane skal ha same mål.

- <sup>3</sup>Fem av teltdukane skal syast i hop til eitt stykke, og like eins dei andre fem dukane.
- <sup>4</sup>Du skal laga purpurblå hemper langs kanten av den duken som er ytst på det eine samansydde stykket, og like eins langs kanten av den ytste duken på det andre stykket.
- <sup>5</sup>Femti hemper skal du laga på den eine teltduken, og femti hemper i kanten av duken på det andre stykket. Hempene skal sitja rett mot kvarandre.
- <sup>6</sup>Og du skal laga femti kroker av gull. Med dei skal du hekta dukane saman så bustaden blir ein heilskap.
- <sup>7</sup>Du skal laga dukar av geiteragg til eit telt over bustaden. Elleve slike dukar skal du laga.
- <sup>8</sup>Kvar duk skal vera tretti alner lang og fire alner brei. Alle dei elleve dukane skal ha same mål.
- <sup>9</sup>Fem av dukane skal du festa i hop for seg, og seks for seg. Den sjette duken, på framsida av teltet, skal du leggja dobbelt.
- <sup>10</sup>I kanten av den duken som er ytst på det eine samansydde stykket, skal du laga femti hemper, og i kanten av det andre stykket femti hemper.
- <sup>11</sup>Og du skal laga femti kroker av bronse og hekta dei i hempene. Slik skal du festa teltet saman til ein heilskap.
- <sup>12</sup>Den overskytande delen av dukane, den halve duken som blir til overs, skal hanga ned på baksida av bustaden.
- <sup>13</sup>Og den eine alna som teltdukane er for lange på kvar side, skal hanga ned på begge sider av bustaden og dekkja han.
- <sup>14</sup>Og over teltet skal du laga eit dekke av raudfarga vêrskinn, og over det att eit anna dekke av fingarva skinn.
- <sup>15</sup>Plankane til bustaden skal du laga av akasietre. Dei skal stå loddrett.
- <sup>16</sup> Kvar planke skal vera ti alner lang og ei og ei halv alen brei.

- <sup>17</sup>På kvar planke skal det vera to tappar som er tilpassa kvarandre. Slik skal du laga alle plankane til bustaden.
- <sup>18</sup>Tjue av dei plankane du lagar, skal stå på sørsida, mot sør.
- <sup>19</sup>Til dei tjue plankane skal du laga førti soklar av sølv, to soklar under kvar planke til å festa dei to tappane i.
- <sup>20</sup>På den andre sida av bustaden, på nordsida, skal det òg vera tjue plankar
- <sup>21</sup>med førti soklar av sølv, to under kvar planke.
- <sup>22</sup>Til baksida av bustaden, mot vest, skal du laga seks plankar,
- <sup>23</sup>og i tillegg to plankar, ein til kvart hjørne på baksida av bustaden.
- <sup>24</sup> Dei skal vera doble nedst og øvst og gå saman i éin ring. Slik skal det vera med dei begge; dei skal utgjera dei to hjørna.
- <sup>25</sup>Slik blir det åtte plankar og seksten soklar av sølv, to soklar til kvar planke.
- <sup>26</sup>Du skal laga tverrstenger av akasietre, fem til plankane på den eine sida av bustaden,
- <sup>27</sup>fem tverrstenger til plankane på den andre sida og fem tverrstenger til plankane på baksida av bustaden, mot vest.
- <sup>28</sup>Midtstonga, ho som står midt på plankane, skal gå tvers over, frå den eine enden til den andre.
- <sup>29</sup>Du skal kle plankane med gull, og ringane på dei, som skal vera haldarar for tverrstengene, skal du like eins laga av gull. Tverrstengene skal du òg kle med gull.
- <sup>30</sup> Så skal du reisa bustaden etter den forskrifta som vart synt deg på fjellet.
- <sup>31</sup>Du skal laga eit forheng av purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff og fint, tvinna lin. Du skal laga det som kunstvevnad, med kjerubar.
- <sup>32</sup>Du skal hengja det opp på fire gullkledde søyler av akasietre som det er gullhakar på, og som står på fire soklar av sølv.

<sup>33</sup> Rett under krokane skal du hengja det, og innanfor forhenget skal du setja kista med vitnemålet. Forhenget skal setja eit skilje mellom Det heilage og Det høgheilage.

<sup>34</sup> Du skal leggja soningsstaden som lok på kista med vitnemålet i Det høgheilage.

<sup>35</sup> Bordet skal du setja utanfor forhenget ved nordveggen. Lysestaken skal stå ved sørsida av bustaden, rett mot bordet.

<sup>36</sup> Du skal laga eit teppe for inngangen til teltet. Det skal vera av purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff og fint, tvinna lin, alt i farga vevnad.

<sup>37</sup> Til teppet skal du laga fem søyler av akasietre og kle dei med gull. På søylene skal det vera gullhakar, og du skal støypa fem soklar av bronse til dei.

## 2. Mosebok 27

### Brennofferaltaret

<sup>1</sup> Du skal laga altaret av akasietre, fem alner langt og fem alner breitt. Det skal vera firkanta og tre alner høgt.

<sup>2</sup> På kvart av dei fire hjørna skal du laga eit horn, og horna skal gå i eitt med altaret. Du skal kle det med bronse.

<sup>3</sup> Så skal du laga fat til å samla opp den feite oska, og eldskuffer, offerskåler, kjøtgaflar og glopanner. Alt utstyret til altaret skal du laga av bronse.

<sup>4</sup> Du skal laga ei rist til det, ein bronsenetting. På nettingen skal du laga fire bronseringar, ein i kvart hjørne av altaret.

<sup>5</sup> Så skal du leggja rista nedst, under kanten som er omkring altaret, slik at ho når midt opp på altaret.

<sup>6</sup> Du skal laga stenger til altaret av akasietre og kle dei med bronse.

<sup>7</sup> Stengene skal stikkast inn i ringane så dei sit på begge sidene av altaret når det blir bore.

<sup>8</sup>Altaret skal vera holt og laga av treplankar. Det skal lagast slik det vart synt deg på fjellet.

### Føregarden

<sup>9</sup> Du skal laga ein føregard til bustaden. Mot sør, på sørsida av føregarden, skal det vera eit omheng av fint, tvinna lin. Det skal vera hundre alner langt på denne sida,

<sup>10</sup>med tjue søyler og tjue soklar av bronse og hakar og band av sølv.

<sup>11</sup>Like eins skal det vera eit hundre alner langt omheng på nordsida, med tjue søyler og tjue soklar av bronse og hakar og band av sølv.

<sup>12</sup> Langs den tverrsida av føregarden som vender mot vest, skal det vera eit omheng på femti alner, med ti søyler og ti soklar.

<sup>13</sup>Austsida, den tverrsida som vender mot aust, skal òg vera femti alner lang.

<sup>14</sup> Der skal det vera eit femten alner langt omheng på den eine sida, med tre søyler og tre soklar,

<sup>15</sup>og på den andre sida eit femten alner langt omheng, med tre søyler og tre soklar.

<sup>16</sup> I porten til føregarden skal det vera eit forheng i farga vevnad, av purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff og fint, tvinna lin. Det skal vera tjue alner langt, med fire søyler og fire soklar.

<sup>17</sup>Alle søylene rundt føregarden skal vera feste saman med sølvband og sølvhakar og soklar av bronse.

<sup>18</sup>Føregarden skal vera hundre alner lang, femti alner brei på begge sider og fem alner høg. Omhenget skal vera av fint, tvinna lin og soklane av bronse.

<sup>19</sup>Alt utstyret som skal brukast til tenesta i bustaden, og alle pluggane, både til teltet og til føregarden, skal vera av bronse.

### Olje til lampene

<sup>20</sup> Du skal gje israelittane påbod om å skaffa deg rein olje av knust oliven til lampene, så det alltid kan tennast lys.



<sup>21</sup>I teltheilagdomen, utanfor forhenget framfor vitnemålet, skal Aron og sønene hans sørgja for at lampene kan brenna for Herrens andlet frå kveld til morgon. Det skal vera ei evig ordning for israelittane frå slekt til slekt.

## 2. Mosebok 28

### Prestedrakta

<sup>1</sup>Blant israelittane skal du la bror din Aron og sønene hans stiga fram for å gjera presteteneste for meg. Det er Aron og sønene hans, Nadab og Abihu, Elasar og Itamar.

<sup>2</sup>Og du skal laga heilage klede til bror din Aron, til ære og prydnad.

<sup>3</sup>Så skal du seia til alle som har visdom i hjartet, og som eg har fylt med visdomsånd, at dei skal laga kleda til Aron, så han kan bli helga til presteteneste for meg.

<sup>4</sup>Desse kleda skal dei laga: eit bryststykke, ei efod-drakt, ei kappe, ein rutete kjortel, ein turban og eit belte. Dette er dei heilage kleda som dei skal laga til bror din Aron og sønene hans, så dei kan vera prestar for meg.

<sup>5</sup>Til dette skal dei bruka gull, purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff og fint lin.

### Efod-drakta

<sup>6</sup>Efod-drakta skal dei laga av gull, purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff og fint, tvinna lin. Ho skal vera i kunstvevna.

<sup>7</sup>Ho skal ha to aksleband som er feste i hjørna og held henne i hop.

<sup>8</sup>Beltet som sit fast på efoden og går i eitt med han, skal vevast på same måten: av gull, purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff og fint, tvinna lin.

<sup>9</sup>Du skal ta to onyks-steinar, og på dei skal du gravera inn namna på Israels søner,

<sup>10</sup>seks namn på den eine steinen og dei andre seks på den andre steinen, etter alderen.

<sup>11</sup> Som ein handverkar graverer inn eit signet i stein, skal du gravera inn namna til Israels søner på desse to steinane. Du skal setja dei inn i innfatningar av gull.

<sup>12</sup>Så skal du setja begge steinane på akslebanda til efoden. Dei skal minna om Israels søner. På akslene skal Aron bera namna fram for Herrens andlet som ei påminning.

<sup>13</sup>Du skal laga innfatningar av gull

<sup>14</sup>og to kjeder av reint gull. Kjedene skal vera fletta som ein flettar snorer. Desse kjedene skal du festa til innfatningane.

### **Bryststykket**

<sup>15</sup>Du skal laga eit bryststykke for domsavgjerder. Det skal vera i kunstvevnad slik som efod-drakta. Av gull, purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff og fint, tvinna lin skal du laga det.

<sup>16</sup> Bryststykket skal vera firkanta og bretta dobbelt, eitt fingerspenn langt og eitt fingerspenn breitt.

<sup>17</sup>På bryststykket skal du setja fire rader med steinar i innfatning. I den eine rada skal det vera ein rubin, ein topas og ein smaragd,

<sup>18</sup>i den andre rada ein turkis, ein safir og ein diamant,

<sup>19</sup>i den tredje rada ein opal, ein agat og ein ametyst

<sup>20</sup>og i den fjerde rada ein krysolitt, ein onyks og ein jade. Dei skal setjast i innfatningar av gull.

<sup>21</sup>Dei tolv steinane skal bera namna på Israels søner, ein for kvart namn. På kvar stein skal namnet på ein av dei tolv stammene vera inngravert, slik som i eit signet.

<sup>22</sup>Til bryststykket skal du laga kjeder av reint gull. Dei skal vera fletta slik ein flettar snorer.

<sup>23</sup>Du skal òg laga to gullringar til bryststykket og setja dei i kvart sitt hjørne.

<sup>24</sup>Så skal du festa dei to gullsnorene i dei to ringane i hjørna av bryststykket.

<sup>25</sup> Dei andre to endane av gullsnorene skal du festa i dei to innfatningane, og dei skal du setja på akslebanda til efoden, på framsida.

<sup>26</sup>Så skal du laga to gullringar til og setja dei i dei to andre hjørna av bryststykket, ved den indre kanten som vender inn mot efod-drakta.

<sup>27</sup>Endå to gullringar skal du laga. Dei skal du setja nedst på dei to akslebanda på framsida, ved saumen over beltet på efoden.

<sup>28</sup>Ringane på brystduken skal du binda til ringane på efoden med ei purpurblå snor, slik at bryststykket blir sitjande over beltet og ikkje losnar frå drakta.

<sup>29</sup>Når Aron går inn i heilagdomen, skal han ved hjartet sitt bera namna til Israels søner på bryststykket for domsavgjerdar. Det skal vera som ei stadig påminning om dei framfor Herrens andlet.

<sup>30</sup> I bryststykket skal du leggja urim og tummim. Dei skal liggja ved hjartet til Aron når han stig fram for Herren. Aron skal alltid bera domsavgjerdene for Israels søner innved hjartet sitt for Herrens andlet.

### Andre presteklede

<sup>31</sup>Kappa som høyrer til efod-drakta, skal vera einsfarga purpurblå.

<sup>32</sup>Midt på henne skal det vera ei opning for hovudet med ein voven kant rundt. Ho skal vera som opninga på ei brynje, slik at ho ikkje rivnar.

<sup>33</sup>Rundt på den nedre kanten av kappa skal du setja granateple av purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt garn, og mellom dei gullbjøller heilt rundt.

<sup>34</sup>Ei gullbjølle og eit granateple, så ei gullbjølle og eit granateple, slik skal det vera nedst rundt heile kanten på kappa.

<sup>35</sup>Denne kappa skal Aron ha på seg kvar gong han gjer teneste. Det skal høyrast når han går inn i heilagdomen fram for Herrens andlet, og når han går ut att, så han ikkje skal døy.

<sup>36</sup> Du skal laga ei plate av reint gull. På den skal du gravera inn som i eit signet: «Helga til Herren».

<sup>37</sup> Du skal festa henne til ei purpurblå snor, og ho skal sitja på turbanen; framme på turbanen skal ho sitja.

<sup>38</sup> Ho skal sitja på panna til Aron. Slik kan Aron bera den synda som heng ved dei heilage offera som israelittane vier til Herren når dei ber fram sine heilage gåver. Ho skal alltid sitja på panna hans, så gåvene kan vera til glede for Herren.

<sup>39</sup> Du skal veva ein rutete kjortel av fint lin og laga ein turban av fint lin. Du skal òg laga eit belte i farga vev.

<sup>40</sup> Til Arons søner òg skal du laga kjortlar og belte og turbanar, til ære og pryd.

<sup>41</sup> Dette skal du ha på Aron, bror din, og sønene hans. Og du skal salva dei, innsetja dei og helga dei, så dei kan gjera presteteneste for meg.

<sup>42</sup> Lag linbukser til dei så den nakne kroppen blir dekt. Dei skal gå frå hoftene og ned på låra.

<sup>43</sup> Aron og sønene hans skal ha på seg buksene når dei går inn i teltheilagdomen, og når dei stig fram for altaret for å gjera teneste i heilagdomen. Elles fører dei skuld over seg og må døy. Det skal vera ei evig ordning for han og etterkomarane hans.

## 2. Mosebok 29

### Prestevigsla

<sup>1</sup> Slik skal du gjera med dei når du helgar dei til prestar for meg: Ta ein ung okse og to vêrar utan feil,

<sup>2</sup> og usyra brød, runde usyra kaker blanda med olje, og usyra flate brød smurde med olje; dei skal du laga av fint kveitemjøl.

<sup>3</sup> Du skal leggja dei i ei korg, og så skal du bera dei fram i korga, saman med oksen og dei to vêrane.

- <sup>4</sup> Aron og sønene hans skal du føra fram til inngangen til teltheilagdomen og vaska dei med vatn.
- <sup>5</sup> Du skal ta kleda og kle Aron i kjortelen, kappa, efod-drakta og bryststykket, og binda efod-beltet om han.
- <sup>6</sup> Set turbanen på hovudet hans, og fest det heilage diademmet på turbanen.
- <sup>7</sup> Så skal du ta salvingsoljen og hella ut over hovudet hans og salva han.
- <sup>8</sup> Deretter skal du føra fram sønene hans. Du skal kle dei i kjortlane,
- <sup>9</sup> spenna beltet om kvar av dei, både Aron og sønene hans, og setja turbanane på dei. Prestedømet skal høyra dei til som ei evig ordning. Så skal du innsetja Aron og sønene hans.
- <sup>10</sup> Du skal føra oxen til framsida av teltheilagdomen, og Aron og sønene hans skal leggja hendene på hovudet til oxen.
- <sup>11</sup> Du skal slakta oxen for Herrensandlet ved inngangen til teltheilagdomen.
- <sup>12</sup> Noko av okseblodet skal du ta og stryka på altarahorna med fingeren. Resten av blodet skal du hella ut ved foten av altaret.
- <sup>13</sup> Så skal du ta alt feittet som dekkjer innvolane og leverlappen, og begge nyrene med feittet som er på dei, og la det gå opp i røyk på altaret.
- <sup>14</sup> Men kjøtet og huda av oxen og mageinnhaldet skal du brenna opp utanfor leiren. Det er eit syndoffer.
- <sup>15</sup> Så skal du ta den eine vêren, og Aron og sønene hans skal leggja hendene på hovudet til vêren.
- <sup>16</sup> Du skal slakta han og ta blodet og stenka det rundt om på altaret.
- <sup>17</sup> Sjølve vêren skal du dela opp. Innvolane og leggbeina skal du vaska og leggja oppå stykka og hovudet.
- <sup>18</sup> Lat heile vêren gå opp i røyk på altaret. Det er eit brennoffer for Herren, eit gåveoffer til godange for Herren.

<sup>19</sup>Deretter skal du ta den andre vêren, og Aron og sønene hans skal leggja hendene på hovudet til vêren.

<sup>20</sup>Du skal slakta vêren og ta noko av blodet og stryka på Aron og sønene hans, på høgre øyreflipp, høgre tommelfinger og høgre stortå. Resten av blodet skal du stenka rundt om på altaret.

<sup>21</sup>Ta så noko av blodet på altaret og noko av salvingsoljen og skvett det på Aron og kleda hans og på sønene hans og kleda deira. Då blir både han og kleda heilage, like eins sønene og kleda deira.

<sup>22</sup>Så skal du ta feittet på vêren, det feitaste av halen, feittet rundt innvolane, leverlappen, begge nyrene med feittet som er på dei, og det høgre låret. For dette er ein vigslingsvêr.

<sup>23</sup>Frå korga med usyra brød som står for Herrens andlet, skal du ta eit rundt brød, ei oljekake og eit flatt brød.

<sup>24</sup>Alt dette skal du leggja i hendene på Aron og sønene hans og la dei svinga det som eit svingeoffer framfor Herrens andlet.

<sup>25</sup>Ta det så frå hendene deira og lat det gå opp i røyk på altaret saman med brennofferet, til godange for Herren. Det er eit gåveoffer for Herren.

<sup>26</sup>Så skal du ta brystet av vigslingsvêren til Aron og svinga det for Herrens andlet. Det skal vera din del.

<sup>27</sup>Du skal helga brystet og offerlåret som blir svinga. Det er ein vigslingsvêr for Aron og sønene hans.

<sup>28</sup>Dette skal høyra til Aron og sønene hans som ei evig ordning hos israelittane. For det er ei offergåve, ei gåve som israelittane skal gje av fredsoffera sine, ei gåve frå dei til Herren.

<sup>29</sup>Arons heilage klede skal sønene hans ta over etter han. Dei skal ha kleda på seg når dei blir salva og innsette.

<sup>30</sup>Den av sønene hans som blir prest etter han, skal ha kleda på i sju dagar. Han skal ha dei på når han kjem til teltheilagdomen for å gjera teneste der.

<sup>31</sup>Du skal ta vigslingsvêren og koka kjøtet på ein heilag stad.

<sup>32</sup>Og Aron og sønene hans skal eta kjøtet av vêren og brødet i korga ved inngangen til teltheilagdomen.

<sup>33</sup>Dei skal eta dette soningsofferet når dei blir innsette og helga til prestar. Ingen uvigsla må eta av det; for det er heilagt.

<sup>34</sup>Blir det noko att av vigslingskjøtet og brødet til neste morgon, skal du brenna det opp. Det må ikkje etast, for det er heilagt.

<sup>35</sup>Slik skal du gjera med Aron og sønene hans, nett slik eg har sagt deg føre. Sju dagar skal vigsla vara.

<sup>36</sup>Kvar dag skal du gjera i stand ein okse som syndoffer til soning. Du skal reinsa altaret for synd ved å gjera soning for det, og du skal salva det så det blir heilagt.

<sup>37</sup>Sju dagar skal du gjera soning for altaret og helga det så det blir høgheilagt. Kvar den som rører ved det, blir heilag.

### **Det daglege offeret**

<sup>38</sup> Og dette skal du gjera i stand på altaret: to årsgamle lam, kvar dag i all framtid.

<sup>39</sup>Det eine lammet skal du ofra om morgonen, og det andre lammet skal du ofra i skumringa.

<sup>40</sup> Saman med det første lammet skal du ofra ein tiandedels efa fint mjøl, blanda med ein fjerdedels hin pressa olje, og som drikkoffer ein fjerdedels hin vin.

<sup>41</sup> Det andre lammet skal du ofra i skumringa. Saman med det skal du bera fram grødeofferet og drikkofferet som om morgonen. Det skal vera eit gåveoffer til godange for Herren.

<sup>42</sup> I alle slekter skal dette vera eit dagleg brennoffer for Herrens andlet ved inngangen til teltheilagdomen. Der vil eg møta dykk, og der vil eg tala til deg.

<sup>43</sup> Der vil eg møta israellittane, og staden skal bli helga av min herlegdom.

<sup>44</sup>Både teltheilagdomen og altaret vil eg helga, og Aron og sønene hans vil eg helga til prestar for meg.

<sup>45</sup> Så vil eg bu midt iblant israelittane og vera deira Gud.

<sup>46</sup> Dei skal få kjenna at eg er Herren deira Gud, som førte dei ut frå Egypt for å bu midt iblant dei. Eg er Herren deira Gud.

## 2. Mosebok 30

### Røykjelsesaltaret

<sup>1</sup> Du skal laga eit altar til å brenna røykjelse på. Av akasietre skal du laga det.

<sup>2</sup> Det skal vera firkanta, ei alen langt, ei alen breitt og to alner høgt. Horna på altaret skal gå i eitt med det.

<sup>3</sup>Både toppen, sidene og horna skal du kle med reint gull, og du skal laga ein gullkant rundt det.

<sup>4</sup>Nedanfor kanten på begge sider skal du setja to gullringar. Dei skal vera haldarar for berestengene på kvar side, så altaret kan berast.

<sup>5</sup>Stengene skal du laga av akasietre og kle dei med gull.

<sup>6</sup> Du skal setja altaret framfor forhenget som gøymer kista med vitnemålet, framfor soningsstaden som ligg over det, der eg vil møte deg.

<sup>7</sup>Aron skal brenna velluktande røykjelse på det. Kvar morgon når han gjer i stand lampene, skal han brenna røykjelsen.

<sup>8</sup>Det same skal han gjera i skumringa når han tenner lampene. Det skal vera eit dagleg røykjelsesoffer for Herrens andlet i slekt etter slekt.

<sup>9</sup>De skal ikkje ofra uvigsla røykjelse på altaret og ikkje brennoffer eller grødeoffer. De skal heller ikkje hella ut drikkoffer på det.

<sup>10</sup> Ein gong om året skal Aron gjera soning på altarhorna. Med blodet av det sonande syndofferet skal han gjera soning på altaret, i slekt etter slekt, ein gong om året. Altaret skal vera høgheilagt for Herren.

### Tempelskatten



**11** Herren sa til Moses:

**12** Når du held manntal over israelittane, skal alle som blir talde, gje Herren løysepengar for livet sitt, så inga plage skal råka dei når dei blir talde.

**13** Kvar den som blir tald, skal gje ein halv sjekel etter den vekt dei nyttar i heilagdomen, der ein sjekel er tjue gera. Denne halve sjekelen skal vera ei offergåve til Herren.

**14** Alle som blir talde, og som er over tjue år, skal gje ei offergåve til Herren.

**15** Den rike skal ikkje gje meir og den fattige ikkje mindre enn ein halv sjekel når de gjev offergåva til Herren til soning for livet dykkar.

**16** Du skal ta imot soningspengane frå israelittane og bruka dei til tenesta i teltheilagdomen. Det skal vera ei påminning om israelittane framfor Herrens andlet til soning for livet dykkar.

### **Bronsefatet**

**17** Herren sa til Moses:

**18** Du skal laga eit vaskefat av bronse med understell av bronse. Det skal du setja mellom teltheilagdomen og altaret og fylla med vatn.

**19** Aron og sønene hans skal vaska hendene og føtene i det.

**20** Når dei går inn i teltheilagdomen, eller når dei stig fram for altaret for å gjera teneste og brenna gåveoffer for Herren, skal dei vaska seg i vatnet, så dei ikkje må døy.

**21** Dei skal vaska hendene og føtene, så dei ikkje må døy. Det skal vera ei evig ordning for dei, for Aron og ætta hans, i slekt etter slekt.

### **Salvingsoljen og røykjelsen**

**22** Herren sa til Moses:

**23** Ta krydra balsam av beste slag: 500 sjekel flytande myrra, halvparten så mykje eller 250 sjekel velluktande kanel, 250 sjekel velluktande sukkerrøyr

<sup>24</sup> og 500 sjekel kassia, alt etter vekta i heilagdomen, og dessutan ein hin olivenolje.

<sup>25</sup>Av dette skal du laga ein heilag salvingsolje, ei velluktande blanding slik ein salveblandar gjer det. Ein heilag salvingsolje skal det vera.

<sup>26</sup>Med den skal du salva teltheilagdomen, kista med vitnemålet,

<sup>27</sup>bordet med alt som høyrer til, lysestaken med det som høyrer til, røykjelsesaltaret,

<sup>28</sup>brennofferaltaret med alt som høyrer til, og fatet med understell.

<sup>29</sup>Du skal helga dei så dei blir høgheilage. Kvar den som rører ved dei, blir heilag.

<sup>30</sup>Og Aron og sønene hans skal du salva. Du skal helga dei til å gjera presteteneste for meg.

<sup>31</sup>Og du skal seia til israelittane: Dette skal vera min heilage salvingsolje i slekt etter slekt.

<sup>32</sup>Han må ikkje hellast på kroppen til noko anna menneske, og de må ikkje laga nokon annan salve som er blanda slik. Heilag er han, og heilag skal han vera for dykk.

<sup>33</sup>Den som lagar ei slik blanding og gjev henne til ein som ikkje er vigd, skal støytast ut frå folket sitt.

<sup>34</sup>Herren sa til Moses: Ta deg velluktande røykjelsesstoff, balsamdropar, myrraolje, gummiharpiks og rein virak. Det skal vera like mykje av kvart.

<sup>35</sup>Av det skal du laga blanda røykjelse, slik ein salveblandar gjer det, salta og rein og heilag.

<sup>36</sup>Noko av det skal du knusa til pulver og leggja framfor vitnemålet i teltheilagdomen, der eg vil møte deg. Høgheilagt skal det vera for dykk.

<sup>37</sup>Røykjelse som er slik blanda, må de ikkje laga til dykk sjølve. De skal halda han heilag for Herren.

<sup>38</sup>Den som lagar slik røykjelse berre for å nyta lukta, skal støytast ut frå folket sitt.

## 2. Mosebok 31

### Handverkarar til heilagdomen

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>Eg har valt ut Besalel, son til Uri, son til Hur, frå Juda-stammen.

<sup>3</sup>Eg har fylt han med Guds ånd, med visdom og innsikt og med kunnskap og dugleik til alle slag handverk,

<sup>4</sup>så han kan tenkja ut og laga kunstverk i gull, sølv og bronse,

<sup>5</sup>slipa steinar til innfatningar, skjera ut i tre og gjera alt slag handverksarbeid.

<sup>6</sup>Til medhjelpar har eg gjeve han Oholiab, son til Ahisamak, frå Dan-stammen. Eg har gjeve visdom i hjartet til alle som har vit, så dei kan laga alt det eg har pålagt deg:

<sup>7</sup>teltheilagdomen, kista med vitnemålet, soningsloket over henne og alt som høyrer teltet til,

<sup>8</sup>bordet med det som høyrer til, lysestaken i reint gull med alt som høyrer til, røykjelsesaltaret,

<sup>9</sup>brennofferaltaret med alt som høyrer til det, vaskefatet med understell,

<sup>10</sup>prestedrakta, dei heilage kleda for presten Aron og kleda for sønene hans til prestetenesta,

<sup>11</sup>salvingsoljen og den velluktande røykjelsen til heilagdomen. Dei skal gjera alt slik eg har pålagt deg.

### Sabbatsbodet

<sup>12</sup>Herren sa til Moses:

<sup>13</sup>Du skal seia til israelittane: Sabbatane mine skal de halda; for sabbaten er eit teikn mellom meg og dykk i slekt etter slekt, slik at de skal kjenna at det er eg, Herren, som helgar dykk.

<sup>14</sup>De skal halda sabbaten; han skal vera heilag for dykk. Den som vanheligar sabbaten, skal døy. Kvar den som gjer noko arbeid på han, skal støytast ut frå folket sitt.

<sup>15</sup>I seks dagar kan arbeid gjerast, men den sjuande dagen skal vera sabbat, ein heilag kviledag for Herren. Kvar den som gjer noko arbeid på sabbatsdagen, skal døy.

<sup>16</sup>Israelittane skal verna om sabbaten, så dei held han i slekt etter slekt som ei evig pakt.

<sup>17</sup>Han skal vera eit teikn mellom meg og israelittane til evig tid. For på seks dagar skapte Herren himmelen og jorda, men på den sjuande dagen kvilte han og pusta roleg ut.

<sup>18</sup>Då Herren var ferdig med å tala til Moses på Sinai-fjellet, gav han Moses dei to vitnemålstavlene, steintavlene som var skrivne med Guds finger.

## 2. Mosebok 32

### Gullkalven

<sup>1</sup>Då folket såg at Moses drygde med å koma ned frå fjellet, flokka dei seg om Aron og sa til han: «Kom og lag ein gud til oss som kan gå føre oss! For vi veit ikkje kva som har hendt med denne Moses, mannen som førte oss opp frå Egypt.»

<sup>2</sup>Aron sa til dei: «Ta gullringane av øyra på konene, sønene og døtrene dykkar og kom med dei til meg!»

<sup>3</sup>Då tok heile folket av seg gullringane som dei hadde i øyra, og kom til Aron med dei.

<sup>4</sup>Han tok imot gullet, forma det med meisel og støypte ein kalv. Så ropa dei: «Dette er guden din, Israel, han som førte deg opp frå Egypt!»

<sup>5</sup>Då Aron såg det, bygde han eit altar framfor kalven og ropa ut: «I morgon er det fest for Herren!»

- <sup>6</sup> Dagen etter stod folket tidleg opp og ofra brennoffer og bar fram fredsoffer. Dei sette seg ned for å eta og drikka, og så byrja dei å mora seg.
- <sup>7</sup> Då sa Herren til Moses: «Skund deg ned, for folket ditt, som du førte opp frå Egypt, har gjort noko forferdeleg.
- <sup>8</sup> Dei har alt bøygd av frå den vegen eg påla dei å følgja. Dei har laga seg ein støypt kalv, kasta seg ned for han, ofra til han og sagt: Dette er guden din, Israel, som førte deg opp frå Egypt!»
- <sup>9</sup> Og Herren heldt fram: «Eg har halde auge med dette folket, og sjå, det er eit stivnakka folk!
- <sup>10</sup> Bland deg no ikkje inn, for vreiden min skal flamma opp mot dei og fortæra dei. Men deg vil eg gjera til eit stort folk.»
- <sup>11</sup> Då bad Moses om velvilje for Herren sin Guds andlet. Han sa: «Herre, kvifor skal vreiden din flamma opp mot folket ditt, som du har ført ut frå Egypt med stor kraft og sterk hand?
- <sup>12</sup> Kvifor skal egyptarane få seia: Det var med vond vilje han førte dei ut, for å drepa dei i fjella og utrydda dei frå jorda. Vend om frå din brennande vrede, og lat vera å gjera vondt mot folket ditt!
- <sup>13</sup> Kom i hug tenarane dine Abraham, Isak og Israel og det du sa til dei då du svor ved deg sjølv: Eg vil gjera dykk til ei ætt så talrik som stjernene på himmelen, og heile dette landet som eg har tala om, vil eg gje ætta dykkar; dei skal eiga det til evig tid.»
- <sup>14</sup> Då angra Herren på det vonde han hadde sagt han ville gjera mot folket sitt.
- <sup>15</sup> Så gjekk Moses tilbake, ned frå fjellet, med vitnemålet, dei to tavlene, i handa. Det var skriva på begge sider av tavlene, både på framsida og på baksida.
- <sup>16</sup> Tavlene var Guds eige verk, og skrifta var Guds eiga skrift, rissa inn på tavlene.

- <sup>17</sup>Då Josva hørde korleis folket ropa og skreik, sa han til Moses: «Det er krigslarm i leiren.»
- <sup>18</sup> Moses svara: «Dette er ikkje lyden av sigerssong og ikkje lyden av klagesong; det er lyden av ein annan slags song eg høyrer.»
- <sup>19</sup>Då Moses nærma seg leiren og fekk sjå gullkalven og dansen, flamma sinnet slik opp i han at han kasta tavlene frå seg og knuste dei mot fjellet.
- <sup>20</sup>Så tok han kalven som dei hadde laga, kasta han på elden og mol han til støv. Støvet strødde han på vatnet, og han lét israelittane drikka det.
- <sup>21</sup>Så sa han til Aron: «Kva har dette folket gjort deg, sidan du har ført så stor ei synd over det?»
- <sup>22</sup>«Ver ikkje sint, herre!» svara Aron. «Du veit sjølv kor vondt dette folket er.
- <sup>23</sup>Dei sa til meg: Lag ein gud som kan gå framfor oss! For vi veit ikkje kva som har hendt med denne Moses, mannen som førte oss opp frå Egypt.
- <sup>24</sup>Då sa eg til dei: Den som har noko av gull på seg, skal ta det av! Så gav dei meg gullet, og eg kasta det på elden. Slik vart denne kalven til.»
- <sup>25</sup>Moses såg kor ustyrleg folket var fordi Aron ikkje klarte å styra dei. Dei hadde vorte til spott for motstandarane sine.
- <sup>26</sup>Då stilte Moses seg i porten til leiren og ropa: «Kom over til meg, alle som er på Herrens side!» Då samla alle levittane seg om han.
- <sup>27</sup> Og han sa til dei: «Så seier Herren, Israels Gud: Spenn sverdet på dykk, kvar og ein! Gå att og fram i leiren, frå port til port, og slå i hel brør, vener og slektningar!»
- <sup>28</sup>Levittane gjorde som Moses sa, og den dagen fall det omkring tre tusen mann av folket.
- <sup>29</sup>Då sa Moses: «I dag har de vorte vigde til Herren, for de har vendt dykk mot dykkar egne søner og brør. Difor vil han gje dykk si velsigning i dag.»
- <sup>30</sup>Dagen etter sa Moses til folket: «De har gjort ei stor synd. Men no vil eg gå opp til Herren, kanskje kan eg skaffa soning for synda dykkar.»

<sup>31</sup>Så gjekk Moses tilbake til Herren og sa: «Dette folket har gjort ei stor synd! Dei har laga seg ein gud av gull.

<sup>32</sup> Tilgjev no syndene deira! Kan du ikkje, så stryk meg ut av boka du skriv i!»

<sup>33</sup>Då svara Herren: «Den som syndar mot meg, stryk eg ut av boka mi.

<sup>34</sup>Gå no og før folket dit eg har sagt deg! Sjå, engelen min skal gå føre deg. Men på rekneskapsdagen skal eg gjera opp rekneskap med dei for syndene deira.»

<sup>35</sup>Slik straffa Herrenfolket fordi dei hadde fått laga gullkalven, den som Aron hadde laga.

## 2. Mosebok 33

<sup>1</sup> Herren sa til Moses: «Dra bort herifrå, både du og folket du har ført opp frå Egypt, til det landet som eg med eid lova Abraham og Isak og Jakob då eg sa: Til di ætt vil eg gje det.

<sup>2</sup>Eg vil senda ein engel framfor deg og driva ut kanaanearane, amorittane, hetittane, perisittane, hevittane og jebusittane.

<sup>3</sup>Dra opp til det landet som fløymer med mjølk og honning! Men eg vil ikkje dra opp med deg, for du er eit stivnakka folk; elles kunne eg gjera ende på deg på vegen.»

<sup>4</sup>Då folket hørde desse harde orda, sørgde dei, og ingen tok smykke på seg.

<sup>5</sup>Men Herren sa til Moses: «Sei til israelittane: De er eit stivnakka folk. Om eg berre ein augneblink dreg opp saman med deg, måtte eg gjera ende på deg. Legg no smykka bort, så eg kan vita kva eg skal gjera med deg!»

<sup>6</sup>Frå då av, ved fjellet Horeb, la israelittane bort smykka sine.

### Teltheilagdomen

<sup>7</sup>Moses brukte å ta teltet og slå det opp eit godt stykke utanfor leiren. Han kalla det teltheilagdomen. Alle som ville spørja Herren til råds, gjekk til dette teltet utanfor leiren.

<sup>8</sup>Kvar gong Moses gjekk ut til teltet, reiste heile folket seg og vart ståande ved inngangen til kvart sitt telt. Dei såg etter Moses til han var komen inn i teltet.

<sup>9</sup>Og når Moses var komen inn i teltet, kom skysøyyla ned og vart ståande ved inngangen til teltet, og han tala til Moses.

<sup>10</sup>Når folket såg skysøyyla stå ved inngangen til teltet, reiste dei seg alle saman, bøygde seg og tilbad, kvar ved si teltopning.

<sup>11</sup> Så tala Herren med Moses, andlet til andlet, slik som menneske snakkar med kvarandre. Sidan gjekk Moses tilbake til leiren. Men tenaren hans, ein ung gut som heitte Josva, son til Nun, gjekk aldri frå teltet.

### **Herren lovar å gå med**

<sup>12</sup>Moses sa til Herren: «Sjå, du seier at eg skal føra dette folket opp, men du lèt meg ikkje vita kven du vil senda med meg. Likevel har du sagt: Eg kjenner deg ved namn, og du har funne nåde for auga mine.

<sup>13</sup> Er det slik at eg har funne nåde for auga dine, så syn meg no vegen din, så eg kan læra deg å kjenna og finna nåde hos deg. Kom i hug at dette er ditt folk!»

<sup>14</sup> Han svara: «Andletet mitt skal gå med, og eg skal la deg få ro.»

<sup>15</sup>Då sa Moses: «Dersom ikkje andletet ditt går med, må du ikkje føra oss opp herifrå!

<sup>16</sup>Korleis kan ein elles vita at eg og folket ditt har funne nåde for auga dine, dersom du ikkje går med oss? Slik skal eg og folket ditt bli skilt ut frå alle andre folk på jorda.»

<sup>17</sup>Då sa Herren til Moses: «Også dette som du bed om, vil eg gjera, for du har funne nåde for auga mine, og eg kjenner deg ved namn.»

<sup>18</sup> «Lat meg då få sjå herlegdomen din!» sa Moses.

<sup>19</sup> Han svara: «Eg vil la all min godhug gå framom deg og ropa ut for deg namnet Herren. For eg er nådig mot den eg viser nåde, og miskunnsam mot den eg viser miskunn.



<sup>20</sup> Du kan ikkje få sjå andletet mitt», sa han; «for eit menneske kan ikkje sjå meg og leva.»

<sup>21</sup>Herren sa: «Sjå, her innved meg er det plass, still deg opp her på berget!

<sup>22</sup>Når så herlegdomen min går framom, vil eg la deg stå i bergskøra, og eg vil dekkja deg med handflata til eg er komen forbi.

<sup>23</sup>Så vil eg ta handa mi bort; då kan du sjå meg bakanfrå, men andletet mitt kan ingen sjå.»

## 2. Mosebok 34

### Herren fornyar pakta med folket

<sup>1</sup>Herren sa til Moses: «Hogg ut to steintavler som er like dei første! På dei skal eg så skriva dei same orda som stod på dei første tavlene, dei du slo sund.

<sup>2</sup>Hald deg klar til i morgon tidleg! Då skal du gå opp på Sinai-fjellet. Der skal du stilla deg fram for meg på toppen av fjellet.

<sup>3</sup>Ingen må gå opp saman med deg, og ingen må visa seg på heile fjellet. Korkje småfe eller storfe må beita framfor fjellet.»

<sup>4</sup>Så hogg Moses ut to steintavler som var like dei første. Tidleg neste morgon gjekk han opp på Sinai-fjellet, slik Herren hadde bode han, og han hadde begge steintavlene med seg.

<sup>5</sup>Då steig Herren ned i ei sky, stilte seg opp attmed han og ropa ut namnet Herren.

<sup>6</sup>Herren gjekk framom han og ropa: «Herren er Herren, ein mild og nådig Gud, sein til vreide og rik på miskunn og sanning!

<sup>7</sup>Han held fast på si miskunn i tusen slektsledd og tilgjev synd, skuld og lovbrøt. Men han lèt ikkje den skuldige sleppa straff. For synda til fedrane straffar han born og barneborn og tredje og fjerde slektsleddet.»

<sup>8</sup>Straks bøygde Moses seg til jorda og tilbad.

<sup>9</sup>Han sa: «Herre, dersom eg har funne nåde for auga dine, så gå med oss, Herre! Sjølv om dette er eit stivnakka folk, så tilgjev oss vår synd og skuld og gjer oss til din eigedom.»

<sup>10</sup>Då sa Herren: No vil eg gjera ei pakt. Framfor heile folket ditt vil eg gjera underfulle gjerningar som før aldri er gjorde nokon stad på jorda eller blant noko folkeslag. Heile det folket du lever blant, skal sjå kor skremmande det er, det verket som eg, Herren, vil gjera med deg.

<sup>11</sup>Gjev akt på det eg pålegg deg i dag! Sjå, eg vil driva ut for deg amorittane, kanaaneanane, hetittane, {{girgasjittane}}, perisittane, hevittane og jebusittane.

<sup>12</sup>Ta deg i vare så du ikkje gjer ei pakt med dei som bur i det landet du kjem til, så dei ikkje fangar deg i ei felle.

<sup>13</sup>De skal riva ned altara deira og slå sund steinstøttene, og Asjera-pålane skal de hogga ned.

<sup>14</sup>Du skal ikkje tilbe nokon annan gud, for Herrenheiter Nidkjær; han er ein nidkjær Gud.

<sup>15</sup>Du skal ikkje gjera noka pakt med dei som bur i landet! For dei driv hor med gudane sine og ofrar til dei. Dersom dei bed deg til seg, kjem du til å eta av offera deira.

<sup>16</sup>Tek du koner til sønene dine blant døtrene deira, så vil døtrene deira driva hor med gudane sine og få sønene dine til å driva hor med gudane deira.

<sup>17</sup>Du må ikkje laga deg støypte gudar.

<sup>18</sup>Du skal halda høgtida med usyra brød. Sju dagar skal du eta usyra brød, slik eg har bode deg, til fastsett tid, i månaden abib. For i månaden abib drog du ut frå Egypt.

<sup>19</sup>Alt som opnar morslivet, høyrer meg til; alle førstefødde hanndyr i buskapen din, anten det er storfe eller småfe.

- <sup>20</sup> Alt som opnar morslivet hos esla, skal du løysa ut med eit lam. Løyser du det ikkje ut, skal du bryta nakken på det. Kvar førstefødd blant sønene dine skal du løysa ut. Ingen må visa seg tomhendt for mitt andlet.
- <sup>21</sup> Seks dagar skal du arbeida, men den sjuande dagen skal du kvila. Sjølv om det er tid for å pløya eller hausta, så skal du kvila.
- <sup>22</sup> Du skal halda vekefesten når du haustar inn den første kveiten, og festen for innhaustinga når året er ute.
- <sup>23</sup> Tre gonger om året skal alle mennene hos deg stiga fram for Herren, Israels Gud.
- <sup>24</sup> For eg vil driva folkeslag bort for deg og utvida grensene dine. Ingen skal trå etter landet ditt medan du dreg opp for å stiga fram for Herren din Guds andlet tre gonger om året.
- <sup>25</sup> Du skal ikkje ofra blodet av slaktofferet mitt saman med noko som er syra, og offeret ved påskefesten må ikkje liggja natta over til neste morgon.
- <sup>26</sup> Det beste av førstegrøda frå jorda di skal du koma med til Herren din Guds hus. Du skal ikkje koka eit kje i mjølka frå mora.
- <sup>27</sup> Herren sa til Moses: «Skriv ned desse orda, for etter desse orda gjer eg ei pakt med deg og Israel.»
- <sup>28</sup> Moses var hos Herren i førti dagar og førti netter, og han smaka korkje mat eller drikke. Og han skreiv paktorda, dei ti boda, på tavlene.
- <sup>29</sup> Så gjekk Moses ned frå Sinai-fjellet; han hadde vitnemålet, dei to tavlene, i hendene då han gjekk ned frå fjellet. Moses visste ikkje at det stråla av andletet hans fordi Herren hadde tala med han.
- <sup>30</sup> Aron og israellittane såg at det stråla av andletet hans, og dei var redde for å koma nær han.
- <sup>31</sup> Men Moses ropa på dei, og då kom Aron og alle leiarane i forsamlinga til han, og han tala til dei.

<sup>32</sup>Sidan kom alle israelittane til han, og Moses bar fram alle dei boda Herren hadde gjeve han på Sinai-fjellet.

<sup>33</sup> Då Moses var ferdig med å tala med dei, la han eit slør over andletet sitt.

<sup>34</sup> Men kvar gong han gjekk fram for Herrensandlet for å tala med han, tok han sløret bort til han skulle ut att. Og når han kom ut, tala han til israelittane om det som var sagt han føre.

<sup>35</sup> Då såg israelittane korleis det stråla av andletet hans, og Moses la sløret over andletet att til han skulle inn og tala med Herren.

## 2. Mosebok 35

### Sabbatsbodet

<sup>1</sup> Moses samla heile Israels forsamling og sa til dei: Dette er det Herren har bode dykk å gjera:

<sup>2</sup> I seks dagar kan det arbeidast, men den sjuande dagen skal vera heilag for dykk. Han skal vera ein sabbat, ein kviledag for Herren. Kvar den som gjer noko arbeid på den dagen, skal døy.

<sup>3</sup> De skal ikkje gjera opp eld i nokon av bustadene dykkar på sabbatsdagen.

### Gåver til teltheilagdomen

<sup>4</sup> Moses tala til heile forsamlinga i Israel: Dette er det Herren har gjeve påbod om:

<sup>5</sup> De skal gje ei offergåve til Herren av det de eig! Kvar den som gjev av eit villig hjarte, skal koma til Herren med gåva: gull, sølv og bronse,

<sup>6</sup> purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff, fint lin og geiteragg,

<sup>7</sup> raudfarga vêrskinn, andre fingarva skinn og akasietre,

<sup>8</sup> olje til lampene, krydra balsam til salvingsoljen og til den velluktande røykjelsen,

<sup>9</sup> onyks-stein og andre steinar til å setja på efod-drakta og bryststykket.

- <sup>10</sup>Alle dei av dykk som har visdom i hjartet, skal koma og laga alt det som Herren har bode dykk:
- <sup>11</sup>bustaden med telt og dekke, med krokar og plankar, tverrstenger, søyler og soklar,
- <sup>12</sup> paktkista med stenger, soningsloket og forhengsteppet,
- <sup>13</sup> bordet med stenger og alt som høyrer til, og skodebrøda,
- <sup>14</sup>lysestaken med det som høyrer til, og lampene og oljen til lampene,
- <sup>15</sup> røykjelsesaltaret med stenger, salvingsoljen, den velluktande røykjelsen og teppet framfor inngangen til bustaden,
- <sup>16</sup> brennofferaltaret med bronserista, stengene og alt som høyrer til, og fatet med understell,
- <sup>17</sup> omhenga til føregarden med søyler og soklar og teppet framfor porten til føregarden,
- <sup>18</sup>pluggane og snorene til bustaden og føregarden,
- <sup>19</sup> prestedraktene til tenesta i heilagdomen, dei heilage kleda for presten Aron og kleda for sønene hans til presten tenesta.
- <sup>20</sup>Så gjekk heile Israels forsamling bort frå Moses.
- <sup>21</sup>Og alle som kjende seg drivne til det og hadde ei villig ånd, kom fram med offergåver til Herren. Gåvene skulle brukast til arbeidet på teltheilagdomen og til all tenesta der, og til dei heilage kleda.
- <sup>22</sup> Dei kom, både menn og kvinner. Alle som hadde eit villig hjarte, kom med naseringar, øyreringar, fingerringar og smykkesteinar – alle slag smykke av gull. Alle dei som ville bera fram eit svingeoffer av gull for Herren, kom fram.
- <sup>23</sup>Kvar den som hadde purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff, fint lin og geiteragg, raudfarga vêrskinn og andre fingarva skinn, kom med det.
- <sup>24</sup>Alle som ville gje ei offergåve av sølv eller bronse, kom med gåva til Herren, og alle som hadde akasietre, kom med det til alt byggjearbeidet.

<sup>25</sup>Kvar kvinne som hadde visdom i hjartet til å spinna, kom med det ho hadde spunne i purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt garn og fint lin.

<sup>26</sup>Og alle kvinner som kjende seg drivne og hadde visdom til det, spann garn av geiteragg.

<sup>27</sup>Leiarane kom med onyks-steinar og andre steinar til å setja på efod-drakta og bryststykket,

<sup>28</sup>og krydra balsam og olje til lampene, salvingsoljen og den velluktande røykjelsen.

<sup>29</sup>Kvar mann og kvinne som gav av eit villig hjarte, kom fram for å gje sitt til det arbeidet som Herren gjennom Moses hadde bode dei å gjera. Slik bar israelittane fram ei frivillig offergåve til Herren.

### **Handverkarane får oppdraget**

<sup>30</sup> Moses sa til israelittane: Sjå, Herren har valt ut Besalel, son til Uri, son til Hur frå Juda-stammen.

<sup>31</sup>Han har fylt han med Guds ånd, med visdom, innsikt og kunnskap, og med dugleik til alle slag handverk,

<sup>32</sup>så han kan tenkja ut og laga kunstverk i gull, sølv og bronse,

<sup>33</sup>slipa steinar til innfatning, skjera ut i tre og gjera alle slag kunsthåndverk.

<sup>34</sup>Han har gjeve han og Oholiab, son til Ahisamak frå Dan-stammen, evna til å læra opp andre.

<sup>35</sup>Han har fylt dei med visdom i hjartet til å gjera alt slag handverk og kunstnarleg arbeid, og til å veva i farga garn og fint lin – i purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt. Dei skal tenkja ut og laga kunsthåndverk av alle slag.

## **2. Mosebok 36**

<sup>1</sup> Besalel og Oholiab skal arbeida saman med alle kloke menn som Herren har gjeve visdom og innsikt, så dei veit korleis dei skal gjera alt arbeid som høyrer til tenesta i heilagdomen akkurat slik som Herren har sagt.

<sup>2</sup>Så kalla Moses på Besalel og Oholiab og på alle dei kloke mennene som Herren hadde gjeve visdom i hjartet, alle som kjende seg drivne til å ta fatt på arbeidet og fullføra det.

<sup>3</sup>Av Moses fekk dei alle offergåvene som israelittane hadde kome med til arbeidet og tenesta i heilagdomen. Men morgon etter morgon heldt folket fram med å koma med frivillige gåver.

<sup>4</sup>Då kom alle som hadde visdom til å gjera alt arbeidet på heilagdomen, kvar frå sitt arbeid,

<sup>5</sup>og sa til Moses: «Folket kjem med meir enn det som er naudsynt for å utføra det arbeidet som Herren har pålagt oss.»

<sup>6</sup>Då baud Moses at det skulle ropast ut i leiren: «Ingen, korkje mann eller kvinne, skal leggja meir arbeid i offergåva til heilagdomen.» Slik vart folket hindra i å koma med meir.

<sup>7</sup>Det dei hadde gjeve, var nok til å få arbeidet gjort, ja, meir enn nok.

### **Bustaden blir reist**

<sup>8</sup>Alle som hadde visdom i hjartet til dette arbeidet, laga no bustaden av ti teltdukar. Dei var av fint, tvinna lin og purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff. I dukane var det vove inn kjerubar i kunstvevnad.

<sup>9</sup>Kvar duk var tjueåtte alner lang og fire alner brei. Alle dukane hadde same mål.

<sup>10</sup>Fem av dukane skøyte dei saman, den eine med den andre, og like eins dei andre fem dukane.

<sup>11</sup>Langs kanten av den duken som var ytst på det eine ihopskøyte stykket, laga dei purpurblå hemper, og like eins langs kanten av den ytste duken på det andre stykket.

<sup>12</sup>Femti hemper laga dei på den eine duken og femti hemper i kanten av duken på det andre stykket. Hempene sat rett imot kvarandre.

- <sup>13</sup>Og dei laga femti krokar av gull. Med dei hekta dei dukane saman så bustaden vart ein heilskap.
- <sup>14</sup>Dei laga dukar av geiteragg til eit telt over bustaden. Elleve slike dukar laga dei.
- <sup>15</sup>Kvar duk var tretti alner lang og fire alner brei. Alle dei elleve dukane hadde same mål.
- <sup>16</sup>Fem av dukane skøyte dei saman for seg, og seks for seg.
- <sup>17</sup>I kanten av den ytste duken på det eine samansydde stykket sette dei femti hemper, og i kanten av det andre stykket femti hemper.
- <sup>18</sup>Og dei laga femti krokar av bronse så teltet kunne festast saman til ein heilskap.
- <sup>19</sup>Deretter laga dei eit dekke av raudfarga vêrskinn til å ha over teltet, og over det att eit anna dekke av fingarva skinn.
- <sup>20</sup>Plankane til bustaden laga dei av akasietre. Dei stod loddrett.
- <sup>21</sup>Kvar planke var ti alner lang og ei og ei halv alen brei.
- <sup>22</sup>På kvar planke var det to tappar som var tilpassa kvarandre. Slik laga dei alle plankane til bustaden.
- <sup>23</sup>Av plankane dei laga til bustaden, sette dei opp tjue på sørsida, mot sør.
- <sup>24</sup>Til dei tjue plankane laga dei førti soklar av sølv, to soklar under kvar planke til å festa dei to tappane i.
- <sup>25</sup>På den andre sida av bustaden, på nordsida, laga dei òg tjue plankar
- <sup>26</sup>med førti soklar av sølv, to under kvar planke.
- <sup>27</sup>Til baksida av bustaden, mot vest, laga dei seks plankar,
- <sup>28</sup>og i tillegg to plankar, ein til kvart hjørne på baksida av bustaden.
- <sup>29</sup>Dei var doble nedst og øvst og gjekk saman i éin ring. Slik var det med dei begge; dei utgjorde dei to hjørna.



<sup>30</sup>Såleis vart det åtte plankar og seksten soklar av sølv, to soklar under kvar planke.

<sup>31</sup>Dei laga tverrstenger av akasietre, fem til plankane på den eine sida av bustaden,

<sup>32</sup>fem tverrstenger til plankane på den andre sida og fem tverrstenger til plankane på baksida av bustaden, mot vest.

<sup>33</sup>Midtstonga sette dei slik at ho gjekk tvers over, frå den eine enden til den andre, midt på plankane.

<sup>34</sup>Plankane kledde dei med gull, og ringane på dei som var haldarar for tverrstengene, laga dei av gull. Tverrstengene kledde dei òg med gull.

<sup>35</sup>Dei laga eit forheng av purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff og fint, tvinna lin. Det var laga i kunstvevnad, med kjerubar.

<sup>36</sup>Dei laga fire søyler av akasietre til å hengja det på og kledde dei med gull. Hakane på dei var òg av gull. Og dei støypte fire soklar av sølv til dei.

<sup>37</sup>For inngangen til teltet laga dei eit teppe av purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff og fint, tvinna lin, alt i farga vevnad.

<sup>38</sup>Til teppet laga dei fem søyler med hakar. Søylehovuda og banda kledde dei med gull, men dei fem soklane var av bronse.

## 2. Mosebok 37

### Paktkista med soningsstaden

<sup>1</sup>Besalel laga paktkista av akasietre, to og ei halv alen lang, ei og ei halv alen brei og ei og ei halv alen høg.

<sup>2</sup>Han kledde henne med reint gull både innvendig og utvendig og laga ein gullkant rundt kista.

<sup>3</sup>Han støypte fire gullringar til dei fire hjørna, to ringar på den eine sida og to ringar på den andre sida.

<sup>4</sup>Så laga han berestenger av akasietre, kledde dei med gull

<sup>5</sup>og stakk stengene inn i ringane på begge sider slik at kista kunne berast.

<sup>6</sup>Han laga ein soningsstad av reint gull, to og ei halv alen langt og ei og ei halv alen breitt.

<sup>7</sup>På kvar side av soningsstaden laga han to kjerubar av hamra gull,

<sup>8</sup>ein kjerub på den eine sida og ein på den andre sida. Han laga dei slik at dei gjekk i eitt med soningsstaden frå begge endar.

<sup>9</sup>Kjerubane lyfte vengene og breidde dei utover slik at dei dekte soningsstaden. Kjerubane var vende mot kvarandre, med andletet mot soningsstaden.

### **Bordet med skodebrøda**

<sup>10</sup> Bordet laga han av akasietre, to alner langt, ei alen breitt og ei og ei halv alen høgt.

<sup>11</sup>Han kledde det med reint gull og laga ein gullkant rundt det.

<sup>12</sup> Så laga han ei list til bordet. Ho var ei handsbreidd tjukk og gjekk heilt rundt. Rundt lista laga han ein gullkant.

<sup>13</sup>Han støypte fire gullringar til bordet og sette ringane på dei fire hjørna ved dei fire føtene.

<sup>14</sup>Ringane sat tett inntil lista. Dei var haldarar for stengene som var til å bera bordet med.

<sup>15</sup>Stengene laga han av akasietre og kledde dei med gull. Med dei skulle bordet berast.

<sup>16</sup>Av reint gull laga han utstyret til bordet: fat og skåler, bollar og kanner til drikkofferet.

### **Lysestaken**

<sup>17</sup> Han laga lysestaken av reint gull. Lysestaken med fot og stamme og skålene med knoppar og blomar vart hamra ut av eitt stykke.

<sup>18</sup>Seks armar gjekk ut frå lysestaken, tre på den eine sida og tre på den andre.

<sup>19</sup>På den første armen var det tre skåler forma som ein mandelblom, kvar med knopp og blom, på den neste armen tre skåler forma som ein mandelblom, kvar med knopp og blom. Slik var det på alle dei seks armene som gjekk ut frå lysestaken.

<sup>20</sup>På sjølve staken var det fire mandelforma skåler med knoppar og blomar.

<sup>21</sup>Det var ein knopp under det første armparet, ein under det andre og ein under det tredje, det vil seia under alle dei seks armene som gjekk ut frå lysestaken.

<sup>22</sup>Knoppene og armene gjekk i eitt med staken. Det heile var hamra ut av eitt stykke reint gull.

<sup>23</sup>Av reint gull laga han òg dei sju lampene til lysestaken og tengene og oskeskuffene som høyrde til.

<sup>24</sup>Ein talent reint gull brukte han til lysestaken og alt utstyret som høyrde til.

### **Røykjelsesaltaret**

<sup>25</sup>Han laga røykjelsesaltaret av akasietre. Det var firkanta, ei alen langt, ei alen breitt og to alner høgt. Horna på altaret gjekk i eitt med det.

<sup>26</sup>Både toppen, sidene og horna kledde han med reint gull, og han laga ein gullkant som gjekk rundt det.

<sup>27</sup>Nedanfor kanten, på begge sider, sette han to gullringar. Dei var haldarar for berestengene på kvar side, så altaret kunne berast.

<sup>28</sup>Stengene laga han av akasietre og kledde dei med gull.

<sup>29</sup>Og han laga den heilage salvingsoljen og den reine, velluktande røykjelsen slik ein salveblander gjer det.

## **2. Mosebok 38**

### **Brennofferaltaret og bronsefatet**

<sup>1</sup>Så laga Besalel brennofferaltaret av akasietre, fem alner langt og fem alner breitt. Det var firkanta og tre alner høgt.

<sup>2</sup>På kvart av dei fire hjørna laga han eit horn, og horna gjekk i eitt med altaret. Han kledde det med bronse.

<sup>3</sup>Så laga han alt utstyret til altaret: fata, eldskuffene, offerskålene, kjøtgaflane og glopannene. Alt dette utstyret laga han av bronse.

<sup>4</sup>Han laga òg ei rist til altaret, ein bronsenetting, og la henne nedst under kanten, slik at ho nådde midt opp på altaret.

<sup>5</sup>Og han støypte fire ringar til å stikka stengene igjennom, ein for kvart av dei fire hjørna av bronserista.

<sup>6</sup>Han laga berestenger av akasietre og kledde dei med bronse.

<sup>7</sup>Han stakk stengene inn i ringane på sidene av altaret så det kunne berast. Altaret var holt og laga av treplankar.

<sup>8</sup>Så laga han bronsefatet med understellet av bronse. Det var laga av speglane til kvinnene som gjorde teneste ved inngangen til teltheilagdomen.

### **Føregarden**

<sup>9</sup>Så laga han føregarden. Mot sør, på sørsida av føregarden, laga han omheng av fint, tvinna lin, i ei lengd av hundre alner.

<sup>10</sup>Til dei var det tjue søyler med soklar av bronse og hakar og band av sølv.

<sup>11</sup>På nordsida laga han òg omheng i ei lengd av hundre alner, med tjue søyler og tjue soklar av bronse, og hakar og band av sølv.

<sup>12</sup>På vestsida laga han omheng på femti alner med ti søyler og ti soklar og hakar og band av sølv.

<sup>13</sup>På austsida, mot aust, var omhenget femti alner.

<sup>14</sup>På den eine sida var det eit femten alner langt omheng med tre søyler og tre soklar,

<sup>15</sup>og på den andre sida av porten til føregarden var det òg eit femten alner langt omheng med tre søyler og tre soklar.

<sup>16</sup>Alle omhenga rundt føregarden var av fint, tvinna lin.

<sup>17</sup>Soklane til søylene var av bronse, hakane og stengene til dei var av sølv, og søylehovuda var kledde med sølv. Alle søylene i føregarden hadde sølvband.

<sup>18</sup>Til porten inn til føregarden var det eit forheng i purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff og fint, tvinna lin, alt i farga vevnad. Teppet var tjue alner langt og fem alner høgt, etter breidda på veven, liksom omhenga rundt føregarden.

<sup>19</sup>Til forhenget var det fire søyler med soklar av bronse. Hakane var av sølv, og søylehovuda og banda var kledde med sølv.

<sup>20</sup>Alle pluggane til bustaden og føregarden rundt han var av bronse.

<sup>21</sup> Her er rekneskapen for bustaden – vitnemålsbustaden. Moses baud levittane setja bustaden opp, og Itamar, son til presten Aron, leidde arbeidet.

<sup>22</sup> Besalel, son til Uri, son til Hur frå Juda-stammen, hadde gjort alt det som Herren hadde pålagt Moses.

<sup>23</sup>Saman med han var Oholiab, son til Ahisamak frå Dan-stammen. Han var dugande i alt slag handverk og kunstnarleg arbeid og til å veva i farga garn og fint lin, i purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt.

<sup>24</sup> Alt gullet som vart brukt til arbeidet med å gjera heilagdomen ferdig, det gullet som var gjeve som svingeoffer, var 29 talentar og 730 sjekel etter vekta i heilagdomen.

<sup>25</sup> Og sølvet som kom inn då dei heldt manntal i forsamlinga, var 100 talentar og 1775 sjekel etter vekta i heilagdomen,

<sup>26</sup> ein beka per hovud, det vil seia ein halv sjekel etter vekta i heilagdomen for alle som vart talde, frå tjuårsalderen og oppover, og det var 603 550 mann.

<sup>27</sup>Dei hundre talentane med sølv vart brukte til å støypa soklane til heilagdomen og soklane til forhenget, hundre talentar til hundre soklar, ein talent til kvar sokkel.

<sup>28</sup>Og dei 1775 sjekel brukte dei til hakane på søylene, til å kle søylehovuda og til å setja band på dei.

<sup>29</sup>Bronsen som vart gjeven som svingeoffer, var 70 talentar og 2400 sjekel.

<sup>30</sup>Av den laga dei soklane ved inngangen til teltheilagdomen, bronsealtaret med bronserista som høyrde til, og alt utstyret til altaret,

<sup>31</sup>soklane rundt føregarden og soklane til porten inn til føregarden, alle pluggane til bustaden og føregarden rundt han.

## 2. Mosebok 39

### Prestedrakta

<sup>1</sup>Av det purpurblå, purpurraude og karmosinraude stoffet laga dei prestedrakta til tenesta i heilagdomen. Dei laga dei heilage kleda til Aron, slik som Herren hadde bode Moses å gjera.

<sup>2</sup>Efod-drakta laga dei av gull, purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff og fint, tvinna lin.

<sup>3</sup>Gullet hamra dei ut i plater og skar det opp til tråd, så det kunne vevast inn i det purpurblå, purpurraude og karmosinraude stoffet og i det fine linet, alt i kunstvevnad.

<sup>4</sup>Til efod-drakta laga dei aksleband som var feste i hjørna og heldt henne i hop.

<sup>5</sup>Beltet som sat fast på efoden, gjekk i eitt med drakta. Det var òg vove av gull, purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt garn og fint, tvinna lin, slik Herren hadde bode Moses.

<sup>6</sup>Dei sette onyks-steinane i innfatningar av gull. På steinane var namna til Israels søner graverte inn, som i eit signet.

<sup>7</sup>Dei sette dei på akslebanda til efoden. Dei skulle minna om Israels søner, slik Herren hadde bode Moses.

<sup>8</sup>Dei laga bryststykket i kunstvevnad, på same måten som efod-drakta. Det var av gull, purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff og fint, tvinna lin.

<sup>9</sup>Bryststykket var firkanta og bretta dobbelt. Det var eitt fingerspenn langt og eitt fingerspenn breitt når det var lagt dobbelt.

<sup>10</sup>Dei sette fire rader med steinar på det. I den eine rada var det ein rubin, ein topas og ein smaragd,

<sup>11</sup>i den andre rada ein turkis, ein safir og ein diamant,

<sup>12</sup>i den tredje rada ein opal, ein agat og ein ametyst

<sup>13</sup>og i den fjerde rada ein krysolitt, ein onyks og ein jade. Dei vart sette inn i innfatningar av gull.

<sup>14</sup>Dei tolv steinane bar namna på Israels søner, ein for kvart namn. På kvar stein var namnet på ein av dei tolv stammene gravert inn, slik som i eit signet.

<sup>15</sup>Til bryststykket laga dei kjeder av reint gull. Dei var fletta slik ein flettar snorer.

<sup>16</sup>Dei laga òg to innfatningar og to ringar av gull. Ringane sette dei i kvart sitt hjørne av bryststykket.

<sup>17</sup>Dei to gullsnorene feste dei i dei to ringane i hjørna på bryststykket.

<sup>18</sup>Dei to andre endane av gullsnorene feste dei til dei to innfatningane, og sette dei på akslebanda til efod-drakta, på framsida.

<sup>19</sup>Så laga dei to gullringar til og sette dei i dei to andre hjørna av bryststykket, ved den indre kanten som vender inn mot efod-drakta.

<sup>20</sup>Så laga dei endå to gullringar og sette dei nedst på dei to akslebanda, på framsida ved saumen over beltet på efoden.

<sup>21</sup>Ringane på bryststykket batt dei til ringane på efod-drakta med ei purpurblå snor, slik at bryststykket vart sitjande over beltet og ikkje kunne losna frå drakta, slik Herren hadde bode Moses.

- <sup>22</sup>Kappa som høyrer til efod-drakta, var voven i einsfarga, purpurblått stoff.
- <sup>23</sup>Midt på kappa var det ei opning som på ei brynje, og rundt opninga var det ein kant, slik at ho ikkje kunne rivna.
- <sup>24</sup>Nedst rundt kappekanten sette dei granateple av tvinna purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt garn.
- <sup>25</sup>Dei laga også bjøller av reint gull og sette dei mellom granatepla rundt heile kappekanten.
- <sup>26</sup>Ei bjølle og eit granateple, ei bjølle og eit granateple rundt heile kanten av kappa som skulle brukast i tenesta, slik Herren hadde bode Moses.
- <sup>27</sup>Til Aron og sønene hans laga dei òg kjortlar vovne av fint lin,
- <sup>28</sup>ein turban av fint lin, pynta turbanar av fint lin, bukser av fint, tvinna lin
- <sup>29</sup>og eit belte av fint, tvinna lin, i purpurblå, purpurraud og karmosinraud farga vevnad, slik Herren hadde bode Moses.
- <sup>30</sup> Dei laga ei plate av reint gull. Det var det heilage diademmet. På den skreiv dei, slik ein graverer inn i eit signet: «Helga til Herren».
- <sup>31</sup>Dei sette ei purpurblå snor på plata og feste henne oppe på turbanen, slik Herren hadde bode Moses.

### **Heilagdomen blir fullført**

- <sup>32</sup>Såleis vart alt arbeidet fullført på bustaden, teltheilagdomen. Israelittane gjorde alt slik som Herren hadde bode Moses.
- <sup>33</sup>Og dei kom med bustaden til Moses: teltet med alt utstyret som høyrde til, krokane, plankane, tverrstengene, søylene, soklane,
- <sup>34</sup>dekket av raudfarga vêrskinn, dekket av fingarva skinn, forhengsteppet,
- <sup>35</sup>kista med vitnemålet og berestengene, soningsloket,
- <sup>36</sup>bordet med alt som høyrde til, skodebrøda,
- <sup>37</sup>lysestaken av reint gull med lamper som skulle setjast i rad, og alt som høyrde til, oljen til lampene,



<sup>38</sup>det gullkleddet altaret, salvingsoljen, den velluktande røykjelsen, teppet til inngangen til teltet,

<sup>39</sup>bronsealtaret med bronserista, berestenger og alt som høyrde til, vaskefatet med understell,

<sup>40</sup>omhenga til føregarden med søyler og soklar, teppet framfor porten til føregarden, snorene, pluggane, alt utstyret som skulle brukast til tenesta i bustaden, teltheilagdomen,

<sup>41</sup>prestedrakta til tenesta i heilagdomen, dei heilage kledda for presten Aron og kledda for sønene hans til prestetenesta.

<sup>42</sup>Som Herren hadde bode Moses, slik hadde israelittane gjort alt arbeidet.

<sup>43</sup>Moses såg på alt det som var gjort, og sjå, dei hadde gjort det slik som Herren hadde sagt. Og Moses velsigna dei.

## 2. Mosebok 40

### Teltheilagdomen blir reist og vigsla

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>Den første dagen i den første månaden skal du reisa bustaden, teltheilagdomen.

<sup>3</sup>Der skal du setja kista med vitnemålet og hengja forhenget framfor henne.

<sup>4</sup>Du skal setja inn bordet og ordna det som høyrer til. Så skal du bera inn lysestaken og setja opp lampene på den.

<sup>5</sup>Framfor kista med vitnemålet skal du setja det gullkleddet røykjelsesaltaret, og framfor inngangen til bustaden skal du hengja opp teppet.

<sup>6</sup>Brennofferaltaret skal du setja framfor inngangen til bustaden, til teltheilagdomen.

<sup>7</sup>Vaskefatet skal du setja mellom teltheilagdomen og altaret og ha vatn i det.

<sup>8</sup>Du skal setja opp føregarden heilt rundt og hengja opp teppet framfor porten.

<sup>9</sup> Så skal du ta salvingsoljen og salva bustaden og alt som i han er, og du skal helga han og alt utstyret, så det blir heilagt.

<sup>10</sup> Du skal salva brennofferaltaret og alt som høyrer til, og du skal helga altaret, så det blir høgheilagt.

<sup>11</sup> Du skal òg salva vaskefatet og understellet og helga det.

<sup>12</sup> Så skal du føra Aron og sønene hans fram til inngangen i teltheilagdomen og vaska dei med vatn.

<sup>13</sup> Du skal kle Aron i dei heilage kleda, salva han og helga han til å vera prest for meg.

<sup>14</sup> Du skal òg føra sønene hans fram og kle dei i kjortlar.

<sup>15</sup> Du skal salva dei, slik du salva far deira, så dei kan vera prestar for meg. Denne salvinga skal gje dei retten til prestedømet, i slekt etter slekt, til evig tid.

<sup>16</sup> Moses gjorde i eitt og alt som Herren hadde bode han.

<sup>17</sup> Den første månaden i det andre året, på den første dagen i månaden, vart bustaden reist.

<sup>18</sup> Det var Moses som reiste han. Han sette soklane på plass og reiste plankane, la inn tverrstengene og reiste søylene.

<sup>19</sup> Han breidde teltet ut over bustaden, og ovanpå det la han dekket, slik som Herren hadde bode Moses.

<sup>20</sup> Så tok Moses vitnemålet og la det i paktkista, sette berestengene i og la soningsstaden som lok på kista.

<sup>21</sup> Han sette kista inn i bustaden og hengde forhengsteppet opp slik at det dekte for kista med vitnemålet, slik som Herren hadde bode Moses.

<sup>22</sup> Han sette bordet inn i teltheilagdomen, på nordsida av bustaden, utanfor forhenget.

<sup>23</sup> På det la han brøda til rette for Herrens andlet, slik som Herren hadde bode Moses.

<sup>24</sup> Lysestaken sette han i teltheilagdomen rett imot bordet, på sørsida av bustaden.

<sup>25</sup> Lampene sette han opp for Herrens andlet, slik som Herren hadde bode Moses.

<sup>26</sup> Det gullkleddet altaret sette han òg i teltheilagdomen, framfor forhenget.

<sup>27</sup> Han brende velluktande røykjelse på det, slik som Herren hadde bode Moses.

<sup>28</sup> Så hengde Moses opp teppet framfor inngangen til bustaden.

<sup>29</sup> Brennofferaltaret sette han ved inngangen til bustaden, til teltheilagdomen, og han ofra brennoffer og grødeoffer på det, slik som Herren hadde bode Moses.

<sup>30</sup> Vaskefatet sette han mellom teltheilagdomen og altaret, og han helte vatn i det til å vaska seg med.

<sup>31</sup> I det vaska Moses og Aron og sønene hans hendene og føtene.

<sup>32</sup> Dei vaska seg når dei skulle gå inn i teltheilagdomen, og når dei skulle stiga fram for altaret, slik som Herren hadde bode Moses.

<sup>33</sup> Så laga han til føregarden rundt bustaden og altaret, og han hengde teppet opp framfor porten til føregarden. Slik fullførte Moses arbeidet.

### **Herrens herlegdom fyller bustaden**

<sup>34</sup> Så dekte skya teltheilagdomen, og Herrens herlegdom fylte bustaden.

<sup>35</sup> Moses kunne ikkje gå inn i teltheilagdomen, fordi skya hadde teke bustad over teltet og Herrens herlegdom fylte bustaden.

<sup>36</sup> Kvar gong skya lyfte seg frå bustaden, braut israelittane opp og heldt fram med si vandring.

**37**Men når skya ikkje lyfte seg, braut dei ikkje opp før den dagen ho lyfte seg att.

**38**For Herrens sky låg over bustaden om dagen, og om natta lyste ho som eld for auga på heile Israels hus, så lenge vandringa varte.



## 3. Mosebok

### 3. Mosebok 1

#### Brennofferet

- <sup>1</sup> Herren ropa på Moses og tala til han frå teltheilagdomen:
- <sup>2</sup> Tal til israelittane og sei til dei: Når nokon hos dykk ber fram eit offer for Herren, skal de ta det frå buskapen, anten av storfeet eller av småfeet.
- <sup>3</sup> Dersom det er eit brennoffer av storfeet, skal han bera fram eit hanndyr utan feil. Han skal ofra det framfor inngangen til teltheilagdomen, så han kan vinna velvilje for Herrens andlet.
- <sup>4</sup> Han skal leggja handa på hovudet til brennofferet, så det kan takast imot med velvilje og gjera soning for han.
- <sup>5</sup> Så skal han slakta oxen for Herrens andlet, og Arons søner, prestane, skal bera fram blodet og stenka det rundt om på altaret ved inngangen til teltheilagdomen.
- <sup>6</sup> Sidan skal han flå brennofferet og dela det opp i stykke.
- <sup>7</sup> Arons søner, prestane, skal tenna opp eld på altaret og leggja ved på elden.
- <sup>8</sup> Dei skal leggja ut kjøtstykkja, hovudet og feittet på veden som er lagd på altarelden.
- <sup>9</sup> Innvolane og skankane skal vaskast i vatn, og så skal presten la alt gå opp i røyk på altaret som eit brennoffer, eit gåveoffer til godange for Herren.
- <sup>10</sup> Dersom det er eit brennoffer av småfeet, av sauene eller geitene, skal han ofra eit hanndyr utan feil.
- <sup>11</sup> Så skal han slakta det for Herrens andlet på nordsida av altaret, og Arons søner, prestane, skal stenka blodet rundt om på altaret.
- <sup>12</sup> Sidan skal han dela det opp i stykke, også hovudet og feittet, og presten skal leggja alt på veden som er lagd på altarelden.

<sup>13</sup>Innvolane og skankane skal vaskast i vatn. Så skal presten bera alt saman fram og la det gå opp i røyk på altaret som eit brennoffer, eit gåveoffer til godange for Herren.

<sup>14</sup>Dersom brennofferet for Herren er ein fugl, skal han bera fram eit offer av turtelduene eller dueungane.

<sup>15</sup>Presten skal bera fuglen fram til altaret, vri av hovudet og la det gå opp i røyk på altaret. Blodet skal pressast ut mot altarveggen.

<sup>16</sup>Han skal ta ut kråsen med det som er i han, og kasta han på austsida av altaret, der den feite offeroska ligg.

<sup>17</sup>Så skal han kløyva fuglen ved vengene utan å dela han heilt. Presten skal la han gå opp i røyk på altaret, på veden over elden, som eit brennoffer, eit gåveoffer til godange for Herren.

### 3. Mosebok 2

#### Grødeofferet

<sup>1</sup>Når nokon vil bera fram eit grødeoffer for Herren, skal offergåva vera fint mjøl. Han skal hella olje over og leggja røykjelse oppå

<sup>2</sup>og gå med det til Arons søner, prestane. Presten skal ta ei handfull av mjølet og oljen saman med all røykjelsen og la det gå opp i røyk som eit påminningsoffer på altaret, eit gåveoffer til godange for Herren.

<sup>3</sup>Det som er att av grødeofferet, skal Aron og sønene hans ha, ein høgheilag del avHerrens gåveoffer.

<sup>4</sup>Når du ber fram eit grødeoffer som er steikt i omn, skal det vera av fint mjøl, anten runde, usyra kaker blanda med olje, eller usyra, flatt brød smurt med olje.

<sup>5</sup>Er offergåva di eit grødeoffer som er steikt på helle, skal det òg vera av fint mjøl som er blanda med olje, og usyra.

<sup>6</sup>Du skal bryta det i bitar og hella olje over det. Dette er eit grødeoffer.

<sup>7</sup>Er offergåva di eit grødeoffer laga til i gryte, skal det lagast av fint mjøl og olje.

<sup>8</sup>Du skal koma fram for Herren med grødeofferet som er laga til av dette, og gje det til presten, og han skal bera det fram til altaret.

<sup>9</sup>Presten skal ta påminningsofferet ut av grødeofferet og brenna det på altaret som eit gåveoffer til godange for Herren.

<sup>10</sup>Det som er att av grødeofferet, skal Aron og sønene hans ha, ein høgheilag del av Herrens gåveoffer.

<sup>11</sup> Alle grødeoffer som de vil bera fram for Herren, skal vera usyra. Surdeig eller honning må de framfor alt ikkje la gå opp i røyk som gåveoffer for Herren.

<sup>12</sup> Som offergåve av førstegrøda kan de bera dei fram for Herren, men dei skal ikkje ofrast på altaret til ein god ange.

<sup>13</sup> Alle grødeoffer skal du salta. Lat aldri saltet som høyrer til pakta med din Gud, mangla i grødeofferet. Til alle offergåvene dine skal du ofra salt.

<sup>14</sup> Dersom du ber fram for Herren eit offer av førstegrøda, skal du ofra kornaks som er steikte over elden. Knust korn av nymogne aks skal du bera fram som offer av førstegrøda.

<sup>15</sup>Du skal hella olje over og leggja røykjelse på det. Dette er eit grødeoffer.

<sup>16</sup>Presten skal la påminningsofferet av det knuste kornet og oljen gå opp i røyk saman med all røykjelsen. Dette er eit gåveoffer for Herren.

### 3. Mosebok 3

#### Fredsofferet

<sup>1</sup> Dersom offergåva hans er eit fredsoffer, og han tek det av storfeet, skal han ofra for Herrens andlet eit dyr utan feil, anten hann eller ho.

<sup>2</sup>Han skal leggja handa på hovudet til offeret og slakta det innmed inngangen til teltheilagdomen, og Arons søner, prestane, skal stenka blodet rundt om på altaret.

- <sup>3</sup>Av fredsofferet skal han bera fram som gåveoffer for Herren feittet på og rundt innvolane,
- <sup>4</sup>begge nyrene med talgen innmed hoftemusklane, og leverlappen, som han skal ta ut saman med nyrene.
- <sup>5</sup>Sønene til Aron skal la det gå opp i røyk på altaret saman med brennofferet som ligg på veden over elden, eit gåveoffer til godange for Herren.
- <sup>6</sup>Dersom det er av småfeet han ofrar eit fredsoffer til Herren, skal det vera eit dyr utan feil, anten hann eller ho.
- <sup>7</sup>Dersom det er ein sau han ofrar, skal han leia han fram for Herrens andlet,
- <sup>8</sup>leggja handa på hovudet til offeret og slakta det framfor teltheilagdomen, og Arons søner skal stenka blodet rundt om på altaret.
- <sup>9</sup>Av fredsofferet skal han bera fram feittet som gåveoffer for Herren, heile feitthalen, som han skal skjera tett innmed ryggbeinet, feittet som dekkjer innvolane,
- <sup>10</sup>begge nyrene med talgen innmed hoftemusklane, og leverlappen, som han skal ta ut saman med nyrene.
- <sup>11</sup>Presten skal la det gå opp i røyk på altaret som gåveoffer for Herren.
- <sup>12</sup>Dersom offergåva hans er ei geit, skal han leia henne fram for Herrensandlet,
- <sup>13</sup>leggja handa på hovudet hennar og slakta henne framfor teltheilagdomen, og Arons søner skal stenka blodet hennar rundt om på altaret.
- <sup>14</sup>Av offergåva skal han bera fram som gåveoffer for Herren feittet som er på og rundt innvolane,
- <sup>15</sup>begge nyrene med talgen innmed hoftemusklane, og leverlappen, som han skal ta ut saman med nyrene.
- <sup>16</sup>Presten skal la det gå opp i røyk på altaret. Det er eit gåveoffer til godange for Herren. Alt feitt høyrer Herren til.



<sup>17</sup> Dette er ei evig forskrift for dykk gjennom alle slekter, kvar de så bur. Feitt og blod må de aldri eta.

### 3. Mosebok 4

#### Syndofferet

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>Sei til israelittane: Det kan henda at ein person syndar av vanvare ved å gjera noko som Herrens bod forbyr.

<sup>3</sup>Dersom det er den salva presten som syndar og fører skuld over folket, skal han ofra ein ung, feilfri okse som syndoffer til Herren for den synda han har gjort.

<sup>4</sup>Han skal koma med oxen til inngangen til teltheilagdomen, for Herrens andlet, leggja handa på hovudet til oxen og slakta han for Herrens andlet.

<sup>5</sup>Den salva presten skal ta noko av okseblodet og bera det inn i teltheilagdomen.

<sup>6</sup>Han skal dyppa fingeren i blodet og skvetta litt av det sju gonger for Herrens andlet, framfor forhenget i heilagdomen.

<sup>7</sup>Noko av blodet skal presten stryka på horna på altaret for den krydra røykjelsen, det som står for Herrensandlet i teltheilagdomen. Resten av okseblodet skal han hella ut ved foten av brennofferaltaret, det som står framfor inngangen til teltheilagdomen.

<sup>8</sup>Alt feittet skal han ta ut or syndofferoksen, feittet som dekkjer innvolane, alt feittet som er på innvolane,

<sup>9</sup>begge nyrene med feittet innmed hoftemusklane, og leverlappen, som han skal ta bort saman med nyrene,

<sup>10</sup>på same måten som det vart gjort med oxen til fredsofferet. Så skal presten la alt gå opp i røyk på brennofferaltaret.

<sup>11</sup>Men skinnet av oxen og alt kjøtet, med hovud og bein, innvolar og mageinnhald,

<sup>12</sup> heile oxen, skal han ta ut av leiren til ein rein stad, der dei tømmer den feite offeroska, og brenna han opp med ved. På den staden der dei tømmer offeroska, skal han brennast.

<sup>13</sup> Det kan henda at heile Israels forsamling syndar av vanvare og gjer noko som eitt av Herrens bod forbyr, og slik fører skuld over seg utan at forsamlinga er klar over saka.

<sup>14</sup>Då skal forsamlinga, når synda blir kjend, ofra ein ung okse til syndoffer. Dei skal koma til teltheilagdomen med han,

<sup>15</sup>dei eldste i forsamlinga skal leggja hendene på hovudet til oxen for Herrens andlet, og så skal dei slakta oxen for Herrens andlet.

<sup>16</sup>Den salva presten skal bera noko av okseblodet inn i teltheilagdomen.

<sup>17</sup>Presten skal dyppa fingeren i blodet og skvetta noko av det sju gonger framfor forhenget, for Herrens andlet.

<sup>18</sup>Noko av blodet skal han stryka på horna på det altaret som står for Herrens andlet i teltheilagdomen. Resten av blodet skal han hella ut ved foten av brennofferaltaret, det som står framfor inngangen til teltheilagdomen.

<sup>19</sup>Alt feittet skal han ta ut or oxen og la gå opp i røyk på altaret.

<sup>20</sup>Som han gjorde med den første syndofferoksen, slik skal han gjera med denne òg. Såleis skal presten gjera soning for dei så dei får tilgjeving.

<sup>21</sup>Han skal føra oxen ut av leiren og brenna han, slik han brende den første oxen. Dette er syndofferet for forsamlinga.

<sup>22</sup>Det kan henda at ein leiar syndar av vanvare, gjer noko eitt av boda til Herren hans Gud forbyr, og slik fører skuld over seg,

<sup>23</sup>eller at han blir gjord kjend med ei synd han har gjort. Då skal han koma med ein feilfri geitebuk som offergåve.

<sup>24</sup>Han skal leggja handa på hovudet til bukken og slakta han på same staden som dei slaktar brennofferdyret, for Herrensandlet. Dette er eit syndoffer.

<sup>25</sup>Presten skal ta noko av syndofferblodet på fingeren og stryka det på horna på brennofferaltaret. Resten av blodet skal han hella ut ved foten av brennofferaltaret.

<sup>26</sup>Alt feittet skal han la gå opp i røyk på altaret, slik han gjorde med feittet av fredsofferet. Såleis skal presten gjera soning for han og for synda hans, så han får tilgjeving.

<sup>27</sup>Det kan henda at ein av folket syndar av vanvare ved å gjera noko eitt av Herrens bod forbyr, og slik fører skuld over seg,

<sup>28</sup>eller han blir gjord kjend med ei synd han har gjort. Då skal han koma med ei geit som offergåve for synda han har gjort, eit feilfritt hodyr.

<sup>29</sup>Han skal leggja handa på hovudet til syndofferdyret og slakta det på same staden som dei slaktar brennofferdyret.

<sup>30</sup>Presten skal ta noko av blodet på fingeren og stryka det på horna på brennofferaltaret. Det som er att av blodet, skal han hella ut ved foten av altaret.

<sup>31</sup>Alt feittet skal han ta til sides, slik dei gjer med feittet frå fredsofferet. Presten skal la det gå opp i røyk på altaret til godange for Herren. Såleis skal presten gjera soning for han, så han får tilgjeving.

<sup>32</sup>Dersom han kjem med ein sau som offergåve for synd, skal det vera eit feilfritt hodyr.

<sup>33</sup>Han skal leggja handa på hovudet til syndofferdyret og slakta det til eit syndoffer på same staden som dei slaktar brennofferdyret.

<sup>34</sup>Presten skal ta noko av syndofferblodet på fingeren og stryka det på horna på brennofferaltaret. Resten av blodet skal han hella ut ved foten av altaret.

<sup>35</sup>Alt feittet skal han ta ut, slik dei gjer med feittet frå ein sau dei ofrar som fredsoffer. Presten skal la det gå opp i røyk på altaret saman med gåveofferet

til Herren. Såleis skal presten gjera soning for han og for den synda han har gjort, så han får tilgjeving.

### 3. Mosebok 5

<sup>1</sup>Det kan henda at ein person gjer ei synd: Han vitnar ikkje om noko han har sett eller har kjennskap til, sjølv om han har fått rettsleg innkalling til å vitna. Då må han sjølv ta straffa si.

<sup>2</sup>Eller personen rører ved noko som er ureint, den døde kroppen av eit ureint villdyr eller av eit ureint husdyr eller av eit ureint kryp. Han var ikkje klar over det, men blir likevel urein. Han har ført skuld over seg.

<sup>3</sup>Eller han rører ved noko ureint hos menneske, kva ureinskap som helst som ein blir urein av. Han var ikkje klar over det, men blir merksam på det. Han har ført skuld over seg.

<sup>4</sup>Eller personen sver tankelaust at han vil gjera eit eller anna, vondt eller godt, kva det så kan vera eit menneske sver på i tankeløyse. Han var ikkje klar over det, men blir merksam på det. Han har ført skuld over seg på ein av desse måtane.

<sup>5</sup>Den som slik har ført skuld over seg, skal sanna den synda han har gjort,

<sup>6</sup>og koma til Herren med eit skuldoffer for synda han har gjort. Skuldofferet skal vera eit hodyr av småfeet, ein sau eller ei geit. Så skal presten gjera soning for synda for han.

<sup>7</sup>Dersom han ikkje har råd til ein sau, skal han til skuldoffer for synda si koma fram for Herren med to turtelduer eller to dueungar, den eine som syndoffer og den andre som brennoffer.

<sup>8</sup>Han skal koma til presten med dei, og presten skal først bera fram den dua som er til syndoffer. Han skal vri om hovudet på henne tett oppmed nakken, men ikkje riva det av.

<sup>9</sup>Så skal han skvetta noko av syndofferblodet på altarveggen, og det som er att av blodet, skal pressast ut nedmed foten av altaret. Det er eit syndoffer.

<sup>10</sup>Av den andre dua skal han laga til eit brennoffer, slik det er fastsett. Såleis skal presten gjera soning for han for den synda han har gjort, så han får tilgjeving.

<sup>11</sup>Dersom han ikkje har råd til to turtelduer eller to dueungar, skal han koma med ein tiandedels efa fint mjøl som offergåve for synda; det er syndofferet hans. Han skal ikkje ha olje på det og ikkje leggja røykjelse oppå. For det er eit syndoffer.

<sup>12</sup>Han skal koma til presten med det, og presten skal ta ein neve av mjølet til påminningsoffer og la det gå opp i røyk på altaret saman med Herrens gåveoffer. Det er eit syndoffer.

<sup>13</sup>Såleis skal presten gjera soning for han for den av desse syndene som han har gjort, så han får tilgjeving. Det som er att av offeret, skal høyra presten til, på same måten som med grødeofferet.

### **Skuldofferet**

<sup>14</sup>Herren sa til Moses:

<sup>15</sup>Når ein person syndar av vanvare og tek for seg av det som er heilagt for Herren, og såleis handlar trulaust, då skal han koma med skuldofferet sitt til Herren: ein feilfri vêr av småfeet til skuldoffer, verdsett i sølvsjekel etter den vekt dei nyttar i heilagdomen.

<sup>16</sup>Han skal gje vederlag for synda si mot det heilage, og i tillegg skal han gje ein femtepart til presten. Presten skal gjera soning for han med skuldoffervêren, så han får tilgjeving.

<sup>17</sup>Dersom nokon syndar og gjer noko Herrens bod forbyr, utan å vita det og slik fører skuld over seg, då må han sjølv bera skulda for dette.

<sup>18</sup>Han skal koma til presten med eit skuldoffer, ein feilfri vêr av småfeet, verdsett som eit fullgodt offer. Og presten skal gjera soning for han for den synda han har gjort av vanvare, utan å vita om det, så han får tilgjeving.

<sup>19</sup>Det er eit skuldoffer. Han har ført skuld over seg for Herren.

<sup>20</sup>Herren sa til Moses:

<sup>21</sup> Det kan henda at ein person syndar og ber seg trulaust åt mot Herren. Han lyg for landsmannen sin om eitkvart han har fått overlate eller tiltrudd, eller om eitkvart han har røva eller teke frå landsmannen sin med vald,

<sup>22</sup>eller han har funne noko som ein annan har mista. Han lyg om det og sver falskt om ei eller anna synd som eit menneske kan gjera.

<sup>23</sup>Då skal den som har synda og ført skuld over seg, gje att det han har røva eller teke med vald, fått i forvaring eller funne etter at det var bortkome,

<sup>24</sup>eller svore falskt om. Han skal gje fullt vederlag og leggja til ein femtepart. Same dagen som skulda hans blir kjend, skal han gje det til eigaren.

<sup>25</sup>Dessutan skal han koma til Herren med eit skuldoffer, ein feilfri vêr av småfeet, verdsett som eit fullgodt offer, og gje han til presten.

<sup>26</sup>Og presten skal gjera soning for han for Herrens andlet, så han får tilgjeving for alt det han måtte ha gjort seg skuldig i.

### 3. Mosebok 6

#### Om brennofferet, grødeofferet og syndofferet

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>Gjev dette påbodet til Aron og sønene hans: Dette er lova om brennofferet: Brennofferet skal liggja på eldstaden på altaret heile natta, til det blir morgon, og der skal altarelden brenna.

<sup>3</sup>Presten skal kle seg i linkjortel og bera ei bukse av lin nærast kroppen. Han skal ta bort oska etter brennofferet som elden har tært opp på altaret, og leggja henne att med altaret.

<sup>4</sup>Så skal han ta av seg kleda, ha på seg andre klede og bera oska ut av leiren, til ein rein stad.

<sup>5</sup>Elden på altaret skal brenna og ikkje sløkkjast. Kvar morgon skal presten brenna ved på det, leggja brennofferet til rette på veden og la feittet av fredsofferet gå opp i røyk.

<sup>6</sup>Det skal alltid brenna eld på altaret; han må ikkje slokna.

<sup>7</sup> Dette er lova om grødeofferet: Arons søner skal bera det fram for Herrens andlet, fram til altaret.

<sup>8</sup> Presten skal ta ein neve av det fine mjølet og oljen til grødeofferet og all røkjelsen som er lagd på grødeofferet, og la det gå opp i røyk på altaret. Det er eit påminningsoffer til godange for Herren.

<sup>9</sup> Det som er att av offeret, kan berre Aron og sønene hans eta. Det skal etast usyra på ein heilag stad. I føregarden til teltheilagdomen skal dei eta det.

<sup>10</sup> Det må ikkje bakast med surdeig. Dette er den delen eg har gjeve dei av gæveoffera mine. Høgheilagt er det, på same måten som syndofferet og skuldofferet.

<sup>11</sup> Berre dei mennene som er ætta frå Aron, kan eta det. Dette er ei evig forskrift for dykk gjennom alle slekter om Herrens gæveoffer. Kvar den som rører ved dei, blir heilag.

<sup>12</sup> Herren sa til Moses:

<sup>13</sup> Dette er det offeret som Aron og sønene hans skal bera fram for Herren den dagen ein av dei blir salva: ein tiandedels efa fint mjøl. Det er det daglege grødeofferet som dei ber fram, halvparten om morgonen og halvparten om kvelden.

<sup>14</sup> Med olje skal det lagast til på ei helle, og godt knadd skal det vera når dei kjem med det. Du skal dela det opp i småstykke og ofra det som grødeoffer, til godange for Herren.

<sup>15</sup> Den av Arons søner som blir salva til prest i staden hans, skal laga det til. Dette er ei evig forskrift frå Herren. Heile offeret skal gå opp i røyk.

<sup>16</sup> Alle grødeoffera til presten skal vera heiloffer; dei må ikkje etast.

<sup>17</sup> Herren sa til Moses:

<sup>18</sup> Sei til Aron og sønene hans: Dette er lova om syndofferet: På same staden som dei slaktar brennofferdyret, skal syndofferdyret òg slaktast for Herrens andlet. Høgheilagt er det.

<sup>19</sup> Presten som ber fram syndofferet, skal eta det. På ein heilag stad skal det etast, i føregarden til teltheilagdomen.

<sup>20</sup> Kvar den som rører offerkjøtet, blir heilag. Om nokon får blod skvetta på kleda, skal dei vaskast reine på ein heilag stad.

<sup>21</sup> Leirkar som det blir kokt i, skal knusast. Dersom det er kokt i ein koparkjel, skal han skurast og skyljast med vatn.

<sup>22</sup> Alle menn som er prestar, kan eta av dette offeret. Høgheilagt er det.

<sup>23</sup> Men syndofferet må ikkje etast dersom ein har bore blod av det inn i teltheilagdomen for å gjera soning. Då skal det brennast opp.

### 3. Mosebok 7

#### Andre offerlover

<sup>1</sup> Dette er lova om skuldofferet, høgheilagt er det:

<sup>2</sup> På same staden som dei slaktar brennofferdyret, skal dei slakta skuldofferdyret. Blodet skal presten stenka rundt om på altaret,

<sup>3</sup> og alt feittet skal han ofra: feittthalen, feittet som dekkjer innvolane,

<sup>4</sup> begge nyrene med feittet som er på dei innmed hoftemusklane, og leverlappen, som han skal ta ut saman med nyrene.

<sup>5</sup> Presten skal la det gå opp i røyk på altaret som gæveoffer til Herren. Dette er skuldofferet.

<sup>6</sup> Alle menn som er prestar, kan eta av det. På ein heilag stad skal det etast. Høgheilagt er det.

<sup>7</sup> Med skuldofferet skal det vera som med syndofferet; same lova gjeld for dei begge. Det skal høyra til den presten som gjer soning med det.

<sup>8</sup> Og den presten som ber fram eit brennoffer for nokon, skal få skinnet av offerdyret som han har bore fram.

<sup>9</sup> Kvart grødeoffer som blir baka i omn, kokt i gryte eller steikt på helle, skal høyra til den presten som ber dei fram.



<sup>10</sup>Men alle andre grødeoffer, anten dei er blanda med olje eller er tørre, skal høyra Arons søner til, den eine like mykje som den andre.

<sup>11</sup> Dette er lova om fredsofferet som ein ofrar til Herren:

<sup>12</sup> Dersom nokon ber det fram som takkoffer, skal han saman med takkofferet bera fram runde usyra kaker med olje i, usyra flate brød, smurde med olje, og fint mjøl som er blanda med olje og knadd til kaker.

<sup>13</sup>I tillegg til kakene skal han bera fram syra brød som offeret sitt saman med takkofferet og fredsofferet.

<sup>14</sup>Av offera skal han gje eitt av kvart slag i gåve til Herren. Det skal høyra til den presten som stenkar blodet av fredsofferet på altaret.

<sup>15</sup>Kjøttet av eit fredsoffer som er takkoffer, skal etast same dagen som det blir frambore. Ikkje noko av det må bli liggjande til neste morgon.

<sup>16</sup> Dersom slaktofferet hans er eit lovnadsoffer eller eit frivillig offer, skal det etast same dagen som det blir frambore. Men det som blir att, kan etast dagen etter.

<sup>17</sup>Dersom det enno er noko att av offerkjøttet tredje dagen, skal det brennast opp.

<sup>18</sup>Men dersom nokon likevel et av fredsofferkjøttet tredje dagen, vil ikkje Gud ha glede i han som har ofra det, og det blir ikkje tilrekna han. Det er ureint, og den som et av det, fører skuld over seg.

<sup>19</sup>Offerkjøtt som rører ved noko ureint, må ikkje etast. Det skal brennast opp. Når det gjeld anna kjøtt, kan alle som er reine, eta slikt kjøtt.

<sup>20</sup>Men ein person som et kjøtt av Herrens fredsoffer med ureinskap på seg, skal støytast ut frå folket sitt.

<sup>21</sup>Når ein person rører ved noko ureint, anten det er ureinskap på eit menneske eller det er eit ureint dyr eller noko anna ureint og motbydeleg, og han så et kjøtt av Herrens fredsoffer, då skal han støytast ut frå folket sitt.

<sup>22</sup>Herren sa til Moses:

- 23** Sei til israelittane: De skal ikkje eta feitt, anten det er av okse, sau eller geit.
- 24** Feittet av sjølvdaude og ihelrivne dyr kan brukast til kva som helst, men de må aldri eta det.
- 25** For kvar den som et feittet av dyr som det blir ofra gåveoffer av til Herren, skal støytast ut frå folket sitt.
- 26** Blod må de ikkje eta, anten det er av fugl eller fe, kvar de så bur.
- 27** Kvar den som et noko slag blod, skal støytast ut frå folket sitt.
- 28** Herren sa til Moses:
- 29** Sei til israelittane: Den som vil bera fram eit fredsoffer for Herren, skal koma med det offeret han vil gje Herren av fredsofferet sitt.
- 30** Med eigne hender skal han koma med det som eit Herrens gåveoffer. Han skal koma med både feittet og bryststykket, og bryststykket skal svingast som eit svingeoffer for Herrens andlet.
- 31** Presten skal la feittet på altaret gå opp i røyk. Men bryststykket skal Aron og sønene hans ha.
- 32** Det høgre låret skal de gje presten i gåve av fredsoffera dykkar.
- 33** Den av Arons søner som ber fram blodet og feittet av fredsofferet, skal ha det høgre låret; det er hans del.
- 34** For brystet som blir svinga, og låret som blir gjeve i gåve, tek eg imot av israelittane når dei ber fram fredsoffera sine. Eg gjev dei til Aron, presten, og sønene hans. Dette er ei evig forskrift for israelittane.
- 35** Dette er den delen Aron og sønene hans skal ha av Herrens gåveoffer den dagen dei blir førte fram og skal gjera presteteneste for Herren.
- 36** Det påla Herren israelittane å gje dei den dagen dei blir salva. Dette er ei evig forskrift for dei gjennom alle slekter.

<sup>37</sup>Dette er lova om brennofferet, grødeofferet, syndofferet, skuldofferet, vigslingsofferet og fredsofferet,

<sup>38</sup>som Herren gav Moses på Sinai-fjellet den dagen han påla israelittane at dei skulle bera fram offera sine for Herren i Sinai-øydemarka.

### 3. Mosebok 8

#### Aron og sønene hans blir vigsla

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>«Hent Aron og sønene hans, ta prestekleda, salvingsoljen, syndofferoksen, dei to vêrane og korga med usyra brød.

<sup>3</sup>Kall saman heile forsamlinga framfor inngangen til teltheilagdomen!»

<sup>4</sup>Moses gjorde som Herren hadde pålagt han, og forsamlinga kom saman ved inngangen til teltheilagdomen.

<sup>5</sup>Moses sa til forsamlinga: «Dette har Herren pålagt meg å gjera.»

<sup>6</sup>Så førte Moses Aron og sønene hans fram og vaska dei med vatn.

<sup>7</sup>Han tok på Aron kjortelen, spente beltet om han, kledde han i kapp, hengde efod-drakta på han med beltet som hørde til, og feste drakta på han med det.

<sup>8</sup>Han sette bryststykket på han, og i bryststykket la han urim og tummim.

<sup>9</sup>Han sette turbanen på hovudet hans, og framme på turbanen feste han gullplata, det heilage diademet, slik Herren hadde pålagt han.

<sup>10</sup> Så tok Moses salvingsoljen og salva Guds bustad og alt som var i han, og helga det.

<sup>11</sup>Sju gonger skvette han olje over altaret og salva både det og alt som hørde det til, og vaskekaret med understell. Slik helga han det.

<sup>12</sup> Noko av salvingsoljen helte han over hovudet på Aron og salva og helga han.

<sup>13</sup>Moses førte Aron-sønene fram, kledde dei i kjortlar, spente belte om dei og batt turbanane på dei, slik Herren hadde pålagt han.

<sup>14</sup>Så leidde han fram syndofferoksen, og Aron og sønene hans la hendene på hovudet til oxen.

<sup>15</sup>Han vart slakta, og Moses tok blodet og strauk det på altarahorna med fingeren og reinsa altaret for synd. Resten av blodet helte han ut nedmed altarfoten. Slik gjorde han soning for altaret og helga det.

<sup>16</sup>Så tok han alt feittet på innvolane og leverlappen og begge nyrene med feittet som var på dei. Moses lét det gå opp i røyk på altaret.

<sup>17</sup>Men oxen med skinn, kjøt og mageinnhald brende han i elden utanfor leiren, slik Herren hadde pålagt han.

<sup>18</sup>Så leidde han fram brennoffervêren, og Aron og sønene hans la hendene på hovudet til vêren.

<sup>19</sup>Han vart slakta, og Moses stenka blodet rundt om på altaret.

<sup>20</sup>Vêren vart lema sund, og Moses lét både hovudet og stykka og feittet gå opp i røyk.

<sup>21</sup>Innvolane og beina vart vaska i vatn. Så lét Moses heile vêren gå opp i røyk på altaret. Det var eit brennoffer til godange for Herren, eit gâveoffer for Herren slik han hadde pålagt Moses.

<sup>22</sup>Så leidde han fram den andre vêren, vigslingsvêren, og Aron og sønene hans la hendene på hovudet til vêren.

<sup>23</sup>Han vart slakta, og Moses tok noko av blodet og strauk på høgre øyresnippen til Aron, på høgre tommelfingeren og høgre stortåa hans.

<sup>24</sup>Så vart sønene til Aron førte fram, og Moses strauk noko av blodet på høgre øyresnippen, høgre tommelfingeren og høgre stortåa deira. Resten av blodet stenka han rundt om på altaret.

<sup>25</sup>Han tok feittet, både feitthalen, alt feittet på innvolane, begge nyrene med feittet som var på dei, og så det høgre låret.

<sup>26</sup>Frå korga med usyra brød som stod for Herrens andlet, tok han ei rund, usyra kake, ei oljekake og eit flatt brød og la det på feittet og det høgre låret.

<sup>27</sup>Alt dette la han i hendene på Aron og sønene hans og lét dei svinga det som eit svingeoffer for Herrens andlet.

<sup>28</sup>Moses tok det av hendene deira og lét det gå opp i røyk på altaret saman med brennofferet. Det var eit vigslingsoffer til godange for Herren. Eit gåveoffer for Herren var det.

<sup>29</sup>Så tok Moses bryststykket og svinga det som svingeoffer for Herrens andlet. Det var den delen Moses fekk av vigslingsvêren, slik Herren hadde pålagt han.

<sup>30</sup>Så tok Moses noko av salvingsoljen og av blodet som stod på altaret, og skvette det på Aron og kleda hans og på sønene hans og kleda deira. Slik helga han Aron og kleda hans og sønene og kleda deira.

<sup>31</sup>Og Moses sa til Aron og sønene hans: «De skal koka kjøtet ved inngangen til teltheilagdomen og eta det der saman med brødet som er i vigslingskorga, slik eg har bode: Aron og sønene hans skal eta det.

<sup>32</sup>Men det som blir att av kjøtet og brødet, skal de brenna opp.

<sup>33</sup>Og i sju dagar skal de ikkje forlata inngangen til teltheilagdomen, heilt til den dagen vigslingstida er ute. I sju dagar skal vigslinga vara.

<sup>34</sup>Som de har gjort i dag, slik har Herren bode at det skal gjerast sidan, til soning for dykk.

<sup>35</sup>De skal halda dykk ved inngangen til teltheilagdomen i sju dagar, både dag og natt, og akta på det som Herren har fastsett, så de ikkje skal mista livet. For det har eg fått påbod om.»

<sup>36</sup>Og Aron og sønene hans gjorde alt det som Herren hadde bode dei gjennom Moses.

### 3. Mosebok 9

#### Arons første offerhandling

- <sup>1</sup>På den åttande dagen kalla Moses til seg Aron og sønene hans og dei eldste i Israel.
- <sup>2</sup>Han sa til Aron: «Ta ein oksekalv til syndoffer og ein vêr til brennoffer, begge utan feil. Lei dei fram for Herrens andlet.
- <sup>3</sup>Sei så til israelittane: Ta ein geitebukk til syndoffer, ein kalv og eit lam til brennoffer, årsgamle og utan feil,
- <sup>4</sup>ein okse og ein vêr til fredsoffer som skal ofrast for Herrens andlet, og så eit grødeoffer med olje i. For i dag vil Herren syna seg for dykk.»
- <sup>5</sup>Dei tok med seg det som Moses hadde gjeve påbod om, fram til teltheilagdomen. Så steig heile forsamlinga fram og stod for Herrens andlet.
- <sup>6</sup>Då sa Moses: «Dette er det Herren har bode dykk å gjera, slik at Herrens herlegdom skal syna seg for dykk.»
- <sup>7</sup>Og Moses sa til Aron: «Du skal gå fram til altaret og ofra syndofferet og brennofferet ditt og gjera soning for deg sjølv og for folket! Ber så fram offeret frå folket og gjer soning for dei, som Herren har gjeve påbod om!»
- <sup>8</sup>Så gjekk Aron fram til altaret og slakta kalven som var syndoffer for han sjølv.
- <sup>9</sup>Arons søner bar fram blodet til han, og han dyppa fingeren i blodet og strauk det på altarahorna. Resten av blodet helte han ut nedmed altarfoten.
- <sup>10</sup>Feittet, nyrene og leverlappen av syndofferdyret lét han gå opp i røyk på altaret, slik som Herren hadde pålagt Moses.
- <sup>11</sup>Men kjøtet og skinnet brende han opp utanfor leiren.
- <sup>12</sup>Så slakta han brennofferet. Arons søner gav han blodet, og han stenka det rundt om på altaret.
- <sup>13</sup>Dei gav han sjølve brennofferet, stykke for stykke og med hovudet, og han lét det gå opp i røyk på altaret.
- <sup>14</sup>Innvolane og beina vaska han og brende dei på altaret saman med brennofferet.

<sup>15</sup>Så bar han fram offeret frå folket. Han tok bukken som var syndoffer for folket, slakta han og ofra han som syndoffer på same måten som den første.

<sup>16</sup>Han bar fram brennofferet og gjorde slik det var fastsett.

<sup>17</sup>Grødeofferet bar han òg fram. Han tok ei handfull av det og lét det gå opp i røyk på altaret, i tillegg til morgonbrennofferet.

<sup>18</sup>Han slakta oxen og vêren som var fredsoffer for folket. Sønene hans gav han blodet, og han stenka det rundt om på altaret.

<sup>19</sup>Feittet på oxen og vêren, både feitthalen, feittet som dekte innvolane, begge nyrene og leverlappen,

<sup>20</sup>alt dette la dei på bryststykkka. Aron lét feittet gå opp i røyk på altaret.

<sup>21</sup>Men bryststykkka og det høgre låret svinga han som eit svingeoffer for Herrensandlet, slik som Moses hadde gjeve påbod om.

<sup>22</sup> Aron lyfte hendene over folket og velsigna dei. Så gjekk han ned, etter at han hadde bore fram syndofferet, brennofferet og fredsofferet.

<sup>23</sup> Sidan gjekk Moses og Aron inn i teltheilagdomen. Då dei kom ut att, velsigna dei folket, og Herrens herlegdom synte seg for heile folket.

<sup>24</sup>Det fór ut eld frå Herren og brende opp det som var på altaret, både brennofferet og feittet. Då folket såg det, ropa dei høgt av glede og kasta seg ned med andletet mot jorda.

### **3. Mosebok 10**

#### **Nadab og Abihu syndar og døyr**

<sup>1</sup>Arons søner Nadab og Abihu tok kvar si glopanne, gjorde opp eld i dei, la røykjelse på elden og bar uvigsla eld fram for Herrens andlet. Det hadde han ikkje bode dei.

<sup>2</sup>Då fór det ut eld frå Herren og brende dei opp, og dei døydde framfor Herrens andlet.

<sup>3</sup>Og Moses sa til Aron: «Dette var det Herren tala om då han sa: På dei som er meg nær, viser eg meg heilag; framfor heile folket viser eg min herlegdom.» Då tagde Aron.

<sup>4</sup>Men Moses kalla på Misjael og Elsafan, sønene til Ussiel, Arons onkel, og sa til dei: «Kom hit og ber brørne dykkar bort frå heilagdomen og utanfor leiren!»

<sup>5</sup>Dei kom og bar dei ut av leiren med kjortlane på, som Moses hadde sagt.

<sup>6</sup>Då sa Moses til Aron og til Elasar og Itamar, sønene hans: «De skal ikkje la håret hanga fritt eller riva sund kleda, for då skal de døy, og Herrens vreide kjem til å råka heile forsamlinga. Men brørne dykkar, heile Israels hus, skal gråta over den elden som Herren har tent.

<sup>7</sup>Gå ikkje bort frå inngangen til teltheilagdomen, for då kjem de til å døy! For Herrens salvingssolje er på dykk.» Dei gjorde som Moses sa.

<sup>8</sup>Herren sa til Aron:

<sup>9</sup>«Vin eller sterk drikk må du og sønene dine ikkje drikkja når de går inn i teltheilagdomen, for då skal de døy. Dette er ei evig forskrift gjennom alle slekter

<sup>10</sup> så de kan skilja mellom heilagt og ikkje heilagt, mellom ureint og reint,

<sup>11</sup>og læra israelittane alle dei forskriftene som Herren har kunngjort for dei gjennom Moses.»

<sup>12</sup>Moses sa til Aron og til Elasar og Itamar, dei sønene som var att: «Ta det grødeofferet som er att av Herrens gåveoffer, og et det usyra ved altaret! For høgheilagt er det.

<sup>13</sup> De skal eta det på ein heilag stad. For det er den fastsette delen for deg og sønene dine av Herrens gåveoffer. Det har eg fått påbod om.

<sup>14</sup> Brystet som blir svinga og låret som blir gjeve i offergåve, skal de òg eta på ein rein stad, du og sønene og døtrene dine. For det er den fastsette delen for deg og borna dine av fredsoffera til israelittane.



<sup>15</sup>Låret som blir gjeve i offergåve, og brystet som blir svinga, skal de bera fram saman med feittet av gåveofferet og svinga det som eit svingeoffer for Herrens andlet. Det skal vera den fastsette delen for deg og borna dine for alltid, slik Herren har bode.»

<sup>16</sup> Men Moses spurde etter syndofferbukken, og sjå, han var oppbrend! Då vart han sint på Elasar og Itamar, dei av Arons søner som var att, og sa:

<sup>17</sup> «Kvifor har de ikkje ete syndofferet på den heilage staden? Det er då eit høgheilagt offer! Det har Herren gjeve dykk for å ta bort skulda frå forsamlinga og gjera soning for dei for Herrens andlet.

<sup>18</sup> Blodet vart ikkje ført til det indre av heilagdomen. De skulle jo ha ete offerkjøtet i heilagdomen, slik eg har bode!»

<sup>19</sup>Då sa Aron til Moses: «I dag har dei bore fram syndofferet og brennofferet sitt framfor Herrensandlet, og sjå kva som har råka meg! Om eg hadde ete syndoffer i dag, ville det ha vore rett i Herrens auge?»

<sup>20</sup>Moses hørde det, og det var rett i hans auge.

### 3. Mosebok 11

#### Reine og ureine dyr

<sup>1</sup>Herren sa til Moses og Aron:

<sup>2</sup>Sei til israelittane: Dette er dei dyra som de kan eta av alle dyreslag på jorda:

<sup>3</sup>Alle som har klauver, klauver som er kløyvde heilt igjennom, og som jortar, kan de eta.

<sup>4</sup>Det er berre desse de ikkje må eta av dei som jortar eller som har klauver: kamelen, for han jortar, men har ikkje klauver, han er urein for dykk;

<sup>5</sup>og fjellgrevlingen, for han jortar, men har ikkje klauver, han er urein for dykk;

<sup>6</sup>og haren, for han jortar, men har ikkje klauver, han er urein for dykk;

<sup>7</sup>og grisen, for han har klauver, klauver som er kløyvde heilt igjennom, men jortar ikkje, han er urein for dykk.

<sup>8</sup>Kjøttet av desse dyra må de ikkje eta, og dei daude kroppane må de ikkje røra. Dei er ureine for dykk.

<sup>9</sup>Dette kan de eta av alt det som lever i vatnet: Alt som har finnar og skjel, anten det lever i hav eller elvar, kan de eta.

<sup>10</sup>Men alt som ikkje har finnar og skjel, anten det finst i havet eller i elvane, alt som yrer i vatnet, alt som lever der, det skal vera motbydeleg for dykk.

<sup>11</sup>Dei skal vera motbydelege for dykk. Kjøttet av dei må de ikkje eta, og dei daude kroppane skal vera motbydelege for dykk.

<sup>12</sup>Alt i vatnet som ikkje har finnar og skjel, skal vera motbydeleg for dykk.

<sup>13</sup>Desse fuglane skal vera motbydelege for dykk. Dei må ikkje etast, for dei er motbydelege: ørna, lammegribben og svartgribben,

<sup>14</sup>glenten og alle slag falkar,

<sup>15</sup>alle slag ramnar,

<sup>16</sup>strutsen, ugla, måsen og alle slag haukar,

<sup>17</sup>kattugla, skarven og hubroen,

<sup>18</sup>slørugla, pelikanen og åtselgribben,

<sup>19</sup>storken og alle slag hegrar, hærfluglen og flaggermusa.

<sup>20</sup>Alt kryp som har venger og går på fire, skal vera motbydeleg for dykk.

<sup>21</sup>Men desse kan de eta av alt kryp som har venger og går på fire: det som ovanfor føtene har legger til å hoppa på marka med.

<sup>22</sup>Av dei kan de eta desse: arbe-grashopper, solam-grashopper, hargol-grashopper og hagab-grashopper av alle slag.

<sup>23</sup>Men alt anna kryp som har venger og fire føter, skal vera motbydeleg for dykk.

<sup>24</sup> Dette er dei dyra som de blir ureine av. Den som kjem nær den daude kroppen deira, er urein heilt til kvelds.

<sup>25</sup> Den som ber ein slik kropp, skal vaska kleda sine. Han er urein til kvelds:

<sup>26</sup> Alle dyr som har hovar og ikkje klauver, og som ikkje jortar, skal vera ureine for dykk. Kvar den som kjem nær dei, blir urein.

<sup>27</sup> Og alle firføtte dyr som går på labbar, er ureine for dykk. Den som kjem nær den daude kroppen, er urein heilt til kvelds.

<sup>28</sup> Og den som ber ein slik kropp, skal vaska kleda sine, og han er urein heilt til kvelds. Dei er ureine for dykk.

<sup>29</sup> Av smådyra som myldrar på jorda, er desse ureine for dykk: moldvarpen, musa og alle slag firfisler,

<sup>30</sup> anaka-firfisla, koah-firfisla, letaa-firfisla, salamanderen og kameleonen.

<sup>31</sup> Desse smådyra er ureine for dykk. Den som kjem nær dei når dei er daude, er urein heilt til kvelds.

<sup>32</sup> Alt det som eit slikt daudt dyr dett ned på, blir ureint, anten det er trekar eller klede, skinn eller sekker eller nokon annan bruksting. Det skal leggjast i vatn, og det er ureint heilt til kvelds. Sidan er det reint.

<sup>33</sup> Dett eit slikt dyr ned i eit leirkar, blir alt det som er i karet, ureint, og karet skal de slå sund.

<sup>34</sup> Kjem det vatn derifrå på noko som kan etast, blir det ureint. Alt som kan drikkast, blir ureint i slike kar.

<sup>35</sup> Alt det som eit av desse daude dyra dett ned på, blir ureint. Anten det er ein bakaromn eller ein kokeomn, skal dei slåast sund. Dei er ureine, og ureine skal dei vera for dykk.

<sup>36</sup> Berre kjelder og brønnar som det samlar seg vatn i, er framleis reine. Men den som kjem nær det daude dyret, blir urein.

<sup>37</sup> Dett dyret ned i korn som skal såast, er kornet like reint.

<sup>38</sup>Men har dei slege vatn på kornet, og det så dett eit daudt dyr nedi, er kornet ureint for dykk.

<sup>39</sup>Når eit dyr som de kan eta, døyr, då er den som kjem nær det daude dyret, urein heilt til kvelds.

<sup>40</sup> Den som et av dyret, skal vaska kleda sine, og han er urein heilt til kvelds. Og den som ber eit slikt dyr, skal òg vaska kleda, og han er urein heilt til kvelds.

<sup>41</sup>Alle smådyra som myldrar på jorda, er motbydelege. Dei må ikkje etast.

<sup>42</sup>Anten dei kryp på buken, eller dei går på fire eller fleire føter, må de ikkje eta dei. Dei er motbydelege.

<sup>43</sup>Gjer ikkje dykk sjølv motbydelege ved smådyr av noko slag! Gjer dykk ikkje ureine ved dei, så de ikkje sjølv blir ureine!

<sup>44</sup> For eg er Herren dykkar Gud. De skal helga dykk og vera heilage. For eg er heilag. De skal ikkje gjera dykk ureine ved smådyra som det kryr av på jorda.

<sup>45</sup> For eg er Herren som førte dykk opp frå Egypt for å vera dykkar Gud. De skal vera heilage, for eg er heilag.

<sup>46</sup>Dette er lova om dyra og fuglane, om alle levande skapningar som det kryr av i vatnet, og om alle dyr som myldrar på jorda.

<sup>47</sup>Ho skil mellom ureint og reint, mellom dyr som kan etast, og dyr som ikkje kan etast.

### **3. Mosebok 12**

#### **Reinsing etter fødsel**

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>Sei til israelittane: Når ei kvinne er med barn og føder ein gut, er ho urein i sju dagar. Ho er urein like lenge som menstruasjonsdagane sine.

<sup>3</sup>Den åttande dagen skal forhuda til guten skjerast bort.

<sup>4</sup>Kvinna skal venta i trettitre dagar medan blodet hennar blir reinsa. Ho må ikkje røra noko heilagt og ikkje koma til heilagdomen før reinsingsdagane er over.

<sup>5</sup>Dersom ho føder ei jente, er ho urein i to veker, som ved menstruasjon. Og ho skal venta i sekstiseks dagar medan blodet hennar blir reinsa.

<sup>6</sup>Når reinsingsdagane for ein son eller ei dotter er over, skal ho koma til inngangen til teltheilagdomen, til presten, med eit årsgammalt lam som brennoffer og ein dueunge eller ei turteldue som syndoffer.

<sup>7</sup>Han skal ofra det for Herrens andlet og gjera soning for henne, så ho blir rein etter blødinga. Dette er lova for den som føder ein gut eller ei jente.

<sup>8</sup>Men dersom ho ikkje har nok til eit lam, skal ho ta to turtelduer eller to dueungar, den eine til brennoffer og den andre til syndoffer. Presten skal gjera soning for henne så ho blir rein.

### **3. Mosebok 13**

#### **Hudsjukdom**

<sup>1</sup>Herren sa til Moses og Aron:

<sup>2</sup>Når nokon får ei blemme, eit utslett eller ein bleik flekk på huda, kan han vera ramma av hudsjukdom. Då skal han førast til presten Aron eller til ein av sønene hans, prestane.

<sup>3</sup>Presten skal undersøkja det området på huda som er ramma. Dersom håret der har kvitna og området ser ut til å liggja djupare enn huda, då er han ramma av hudsjukdom. Når han ser det, skal presten slå fast at han er urein.

<sup>4</sup>Men dersom flekken er kvit og han ikkje ser ut til å liggja djupare enn huda og håret på han ikkje har kvitna, då skal presten halda den som er ramma, innestengd i sju dagar.

<sup>5</sup>Den sjuande dagen skal presten undersøkja han att. Dersom området som er ramma, er uendra og ikkje har breidd seg på huda, skal presten halda han innestengd i sju dagar til.

<sup>6</sup>Den sjuande dagen skal presten undersøkje han endå ein gong. Har området bleikna og ikkje breidd seg på huda, skal presten slå fast at han rein. Det er berre eit utslett. Han skal vaska kledda sine, og så er han rein.

<sup>7</sup>Men dersom utslettet likevel breier seg etter at han har vist seg for presten for å få slege fast at han er rein, skal han visa seg for presten endå ein gong.

<sup>8</sup>Presten skal undersøkje han. Har utslettet breidd seg på huda, skal presten slå fast at han er urein. Då er det hudsjukdom.

<sup>9</sup>Når nokon er ramma av hudsjukdom, skal han førast til presten.

<sup>10</sup>Presten skal undersøkje han. Dersom det er ei kvit blemme på huda og håret der har kvitna og det gror villkjøt i henne,

<sup>11</sup>då er det vedvarande hudsjukdom, og presten skal slå fast at han er urein. Han skal ikkje stengja han inne, for han er alt urein.

<sup>12</sup>Men dersom sjukdomen bryt ut på huda og dekkjer den sjuke frå hovud til hæl, etter det presten kan sjå,

<sup>13</sup>då skal presten undersøkje han. Dekkjer sjukdomen heile kroppen, skal presten erklæra den sjuke for rein. Når han har vorte kvit over det heile, er han rein.

<sup>14</sup>Men så snart det viser seg villkjøt på han, er han urein.

<sup>15</sup>Når presten ser villkjøtet, skal han slå fast at han er urein. For villkjøtet er ureint. Då er det hudsjukdom.

<sup>16</sup>Men dersom villkjøtet går bort att og huda blir kvit, skal han gå til presten.

<sup>17</sup>Presten skal undersøkje han. Dersom området som er ramma, har vorte kvitt, skal presten slå fast at den sjuke er rein. Då er han rein.

<sup>18</sup>Får nokon ein byll på huda og han blir lækt,

<sup>19</sup>men det sidan kjem ei kvit blemme eller ein bleikraud flekk der byllen var, då skal han visa seg for presten.

<sup>20</sup>Presten skal undersøkjja han. Dersom flekken ligg djupare enn huda og håret på han har kvitna, skal presten slå fast at han er urein. Han er ramma av hudsjukdom som har brote ut i byllen.

<sup>21</sup>Men dersom presten undersøkjer flekken og det ikkje er kvite hår der og han ikkje ligg djupare enn huda og han har bleikna, då skal presten halda den sjuke innestengd i sju dagar.

<sup>22</sup>Dersom flekken då breier seg på huda, skal presten slå fast at han er urein. Då er det hudsjukdom.

<sup>23</sup>Men dersom den bleike flekken held seg på same staden utan å breia seg, då er det berre arret etter byllen, og presten skal slå fast at han er rein.

<sup>24</sup>Har nokon fått eit brannsår på huda, og kjøtet som gror i såret, viser seg som ein bleikraud eller kvit flekk,

<sup>25</sup>skal presten undersøkjja han. Dersom håret på flekken har kvitna og han ligg djupare enn huda, då er det hudsjukdom som har brote ut i brannsåret, og presten skal slå fast at han er urein. Han er ramma av hudsjukdom.

<sup>26</sup>Men dersom presten undersøkjer den bleike flekken og det ikkje er kvite hår på han og han ikkje ligg djupare enn huda og han har bleikna, då skal han halda mannen innestengd i sju dagar.

<sup>27</sup>Den sjuande dagen skal presten undersøkjja han. Dersom flekken då har breidd seg på huda, skal presten erklæra han for urein. Det er eit tilfelle av hudsjukdom som gjer urein.

<sup>28</sup>Men er flekken bleik og har halde seg på same staden utan å breia seg, då er det ei blemme etter brannsåret, og presten skal slå fast at han er rein. For dette er berre arret etter brannsåret.

<sup>29</sup>Når ein mann eller ei kvinne blir ramma av ein sjukdom på hovudet eller i skjegget,

<sup>30</sup>skal presten undersøkje området som er ramma. Dersom det ser ut til å liggja djupare enn huda og det er gult, tynt hår på det, skal presten slå fast at den sjuke er urein. Det er skurv, hudsjukdom på hovudet eller i skjegget.

<sup>31</sup>Når presten undersøker området som er ramma av skurv, og det ser ut til at det ikkje ligg djupare enn huda, og at det ikkje er svarte hår på det, då skal han halda den som er ramma, innestengd i sju dagar.

<sup>32</sup>Den sjuande dagen skal presten undersøkje flekken. Dersom skurven ikkje har breidd seg, dersom det ikkje er gult hår på han, og dersom han ikkje ser ut til å liggja djupare enn huda elles,

<sup>33</sup>då skal den som har skurv, barbera seg, men ikkje sjølv skurven, og presten skal halda han innestengd i sju dagar til.

<sup>34</sup>Den sjuande dagen skal presten undersøkje skurven. Dersom skurven ikkje har breidd seg på huda og ikkje ser ut til å liggja djupare enn huda elles, skal presten slå fast at den sjuke er rein. Han skal vaska kleda sine, og så er han rein.

<sup>35</sup>Dersom skurven likevel breier seg på huda etter at det vart slege fast at han er rein,

<sup>36</sup>skal presten undersøkje han. Har skurven breidd seg på huda, skal presten ikkje leita etter gule hår. Då er han urein.

<sup>37</sup>Men dersom skurven held seg på same staden, etter det presten kan sjå, og det har vakse svarte hår på han, då er skurven lækt. Då er han rein, og presten skal slå fast at han er rein.

<sup>38</sup>Når ein mann eller ei kvinne får bleike flekker på kroppen, kvite flekker,

<sup>39</sup>då skal presten undersøkje dei. Er det bleike, kvite flekker på huda, er det berre eit ufarleg utslett som har brote ut. Då er han rein.

<sup>40</sup>Når ein mann mistar håret på hovudet, blir han fleinskalla, men han er rein.

<sup>41</sup>Dersom han mistar pannehåret, blir han skalla, men han er rein.



<sup>42</sup>Men er det ein bleikraud flekk der han er skalla, anten det er i nakken eller i panna, då er det hudsjukdom som bryt ut.

<sup>43</sup>Presten skal undersøkja han. Er det ei bleikraud blemme i nakken eller panna og det ser ut til å vera hudsjukdom,

<sup>44</sup>då har han fått denne sjukdomen. Då er han urein. Presten skal slå fast at han er urein. Han har hudsjukdom i hovudet.

<sup>45</sup> Den som er ramma av ein slik sjukdom, skal riva sund klede og la håret hanga fritt. Han skal løyna skjegget og ropa: «Urein, urein!»

<sup>46</sup>Så lenge han er ramma, er han urein. Han skal bu for seg sjølv. Utanfor leiren skal han halda til.

### **Sjukdom på klede**

<sup>47</sup> Det kan henda at klede blir ramma av muggsjukdom, anten det er eit klesplagg av ull eller lin

<sup>48</sup>eller noko som er vove eller knytt av lin eller ull, eller det er skinn eller noko som er laga av skinn.

<sup>49</sup>Det er grønvorne eller raudvorne område på plagget eller skinnet eller det som er vove eller knytt eller laga av skinn. Då er det ramma av muggsjukdom. Det skal visast fram for presten.

<sup>50</sup>Presten skal undersøkja plagget som er ramma, og halda det innelåst i sju dagar.

<sup>51</sup>Den sjuande dagen skal han undersøkja det att. Har området som er ramma, breidd seg på plagget eller på det som er vove eller knytt, eller på skinnet eller på det som er laga av skinn, då er det tærande sjukdom. Då er det ureint.

<sup>52</sup>Han skal brenna det som er ramma, anten det er eit plagg eller noko som er vove eller knytt av ull eller lin, eller noko som er laga av skinn. For det er tærande sjukdom. Det skal brennast.

<sup>53</sup>Men dersom presten undersøker det, og området som er ramma, ikkje har breidd seg på plagget eller på det som er vove eller knytt eller laga av skinn,

<sup>54</sup>då skal han setja nokon til å vaska det som er ramma, og halda det innelåst i sju dagar til.

<sup>55</sup>Så skal presten undersøka det etter at det er vaska. Dersom plagget som er ramma, ikkje ser annleis ut enn før, då er det ureint, jamvel om området som er ramma, ikkje har breidd seg. Du skal brenna det. Det er slikt som et seg inn, på retta eller ranga.

<sup>56</sup>Men dersom presten undersøker det og finn at flekkene har bleikna etter vasken, då skal han riva det av plagget eller skinnnet eller av det som er vove eller knytt.

<sup>57</sup>Viser sjukdomen seg att på plagget eller på det som er vove eller knytt eller laga av skinn, då bryt han ut. Du skal brenna det som er ramma.

<sup>58</sup>Men går det av i vask på plagget eller det som er vove eller knytt eller laga av skinn, då skal det vaskast ein gong til. Då er det reint.

<sup>59</sup>Dette er lova om muggsjukdom som rammar klesplagg av ull eller lin, det som er vove eller knytt, og alle slag ting av skinn. Etter den skal dei seiast reine eller ureine.

### 3. Mosebok 14

#### Reinsing for hudsjukdom

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>Dette er lova om reinsingsdagen for den som er ramma av hudsjukdom: Han skal først til presten,

<sup>3</sup>og presten skal gå ut av leiren og undersøka han. Dersom den som er ramma av sjukdomen, har vorte lækt,

<sup>4</sup>skal presten få nokon til å henta to levande, reine fuglar, litt sedertre, karmosinraud ull og isop til reinsinga av han.

<sup>5</sup>Presten skal la dei slakta den eine fuglen over eit leirkar som er fylt med friskt vatn.

<sup>6</sup>Så skal han ta den levande fuglen, sedertreet, den karmosinraude ulla og isopen og dyppa alt saman, også den levande fuglen, i blodet av den fuglen som er slakta over det friske vatnet,

<sup>7</sup>og skvetta det sju gonger på den som skal reinsast for hudsjukdom. Slik skal han reinsa han. Så skal han sleppa den levande fuglen fri på open mark.

<sup>8</sup>Den som skal reinsast, skal vaska kleda sine, barbera av seg alt håret og bada. Då er han rein. Sidan kan han få koma inn i leiren. Men han skal halda seg utanfor teltet sitt i sju dagar.

<sup>9</sup>På den sjuande dagen skal han barbera alt håret sitt, hovudet, skjegget og augnebryna, alt håret skal han barbera av seg. Og han skal vaska kleda sine og seg sjølv i vatn. Då er han rein.

<sup>10</sup> Den åttande dagen skal han ta to feilfrie vêrlam og eit årsgammalt, feilfritt holam og til grødeoffer tre tiandedels mål fint mjøl blanda med olje, og så ein log olje.

<sup>11</sup>Presten som står for reinsinga, skal føra den som skal reinsast og offergåvene hans fram for Herrens andlet, til inngangen til teltheilagdomen.

<sup>12</sup> Så skal presten ta det eine vêrlammet og den logen olje som høyrer til, og bera det fram som skuldoffer og svinga det for Herrens andlet.

<sup>13</sup> Han skal slakta lammet på den staden der dei slaktar syndofferet og brennofferet, på den heilage staden. For det er med skuldofferet som med syndofferet: Det høyrer presten til. Det er høgheilagt.

<sup>14</sup> Presten skal ta noko av blodet frå skuldofferet og stryka på den som skal reinsast, på høgre øyresnippen, høgre tommelfingeren og høgre stortåa hans.

<sup>15</sup>Presten skal ta noko av den oljen som høyrer til, og hella ut i den venstre handa si,

<sup>16</sup>dyppa høgre peikefingeren i oljen som han har i venstre handa, og skvetta litt av oljen med fingeren sju gonger for Herrens andlet.

<sup>17</sup>Noko av den oljen som er att i handa, skal han stryka på den som skal reinsast, på høgre øyresnippen, høgre tommelfingeren og høgre stortåa hans, over blodet av skuldofferet.

<sup>18</sup>Resten av oljen som presten har i handa, skal han smørja på hovudet til den som skal reinsast. Såleis skal presten gjera soning for han for Herrensandlet.

<sup>19</sup>Så skal presten bera fram syndofferet og gjera soning for den som skal reinsast for ureinskapen sin. Sidan skal han slakta brennofferet.

<sup>20</sup>Og presten skal bera fram brennofferet og grødeofferet på altaret og gjera soning for han. Då er han rein.

<sup>21</sup>Men er det ein fattig mann som ikkje har råd til så mykje, skal han ta eit vêrlam til skuldoffer. Det skal svingast til soning for han. Saman med det skal han ta ein tiandedels mål fint mjøl blanda med olje til grødeoffer, og ein log olje,

<sup>22</sup> og så to turtelduer eller to dueungar, etter som han har råd til. Den eine skal vera til syndoffer og den andre til brennoffer.

<sup>23</sup>Den åttande dagen etter at han har vorte rein, skal han koma med desse offergåvene til presten, til inngangen til teltheilagdomen, for Herrensandlet.

<sup>24</sup>Presten skal ta skuldofferlammet og den oljen som høyrer til, og presten skal svinga det som eit svingeoffer for Herrens andlet.

<sup>25</sup>Når skuldofferlammet er slakta, skal presten ta noko av blodet frå skuldofferet og stryka på den som skal reinsast, på høgre øyresnippen, høgre tommelfingeren og høgre stortåa hans.

<sup>26</sup>Presten skal hella noko av oljen ut i den venstre handa si,

<sup>27</sup>og med høgre peikefingeren skal presten skvetta litt av oljen som han har i den venstre handa, sju gonger for Herrens andlet.

<sup>28</sup>Noko av oljen som presten har i handa, skal han stryka på den som skal reinsast, på høgre øyresnippen, høgre tommelfingeren og høgre stortåa hans, på dei stadene der blodet av skuldofferet er.

<sup>29</sup>Resten av oljen som presten har i handa, skal han smørja på hovudet til den som skal reinsast. Såleis skal han gjera soning for han for Herrens andlet.

<sup>30</sup>Så skal han gjera i stand den eine av turtelduene eller dueungane, etter som han har råd til,

<sup>31</sup>den eine som syndoffer og den andre som brennoffer, etter som han har råd til, og saman med dei grødeofferet. Såleis skal presten gjera soning for den som skal reinsast, for Herrens andlet.

<sup>32</sup>Dette er den lova de skal følgja når den som har dårleg råd, er ramma av hudsjukdom og skal reinsast.

### **Sjukdom på hus**

<sup>33</sup>Herren sa til Moses og Aron:

<sup>34</sup>Når de kjem inn i Kanaans land, som eg gjev dykk til eigedom, og eg lèt soppsjukdom ramma eit hus i landet som er dykkar eigedom,

<sup>35</sup>då skal huseigaren gå og melda frå til presten og seia: «Det ser ut til at huset er ramma av soppsjukdom.»

<sup>36</sup>Då skal presten setja dei til å rydda huset før han sjølv kjem og undersøker soppåtaket, så ikkje alt det som er i huset, blir ureint. Etterpå kan presten koma og undersøka huset.

<sup>37</sup>Han skal undersøka åtaket. Dersom husveggene som er ramma, har grønvorne eller raudvorne søkk og overflata på dei ligg djupare enn veggen,

<sup>38</sup>då skal presten gå ut or huset, til inngangen til huset, og stengja huset for sju dagar.

<sup>39</sup>Den sjuande dagen skal presten koma att og undersøka det. Dersom åtaket med sopp har breidd seg på husveggene,

- <sup>40</sup>skal presten setja folk til å bryta ut dei steinane som er ramma, og kasta dei utanfor byen, på ein urein stad.
- <sup>41</sup>Dei skal skrapa huset ned innvendes, heilt rundt, og murpussen som dei har skrapa av, skal dei kasta utanfor byen, på ein urein stad.
- <sup>42</sup>Så skal dei ta andre steinar og setja inn i staden for dei gamle og ta ny mørtel og pussa huset med.
- <sup>43</sup>Blir huset ramma på nytt etter at steinane er uttekne og huset er skrapa og pussa,
- <sup>44</sup>skal presten koma og undersøkjia det. Har åtaket då breidd seg på huset, er det tærande sjukdom på det. Då er det ureint.
- <sup>45</sup>Huset skal rivast, både steinane, treverket og all murpussen, og førast ut or byen til ein urein stad.
- <sup>46</sup>Den som går inn i huset så lenge det er stengt, han er urein heilt til kvelds.
- <sup>47</sup>Den som legg seg ned i huset, skal vaska kledda sine, og den som et i huset, skal vaska kledda sine.
- <sup>48</sup>Men om presten kjem og undersøkjier huset og soppåtakinget ikkje har breidd seg i huset etter at det vart pussa, då skal presten slå fast at huset er reint. For soppjukdomen er lækt.
- <sup>49</sup>For å reinsa huset skal han ta to fuglar, sedertre, karmosinraud ull og isop.
- <sup>50</sup>Den eine fuglen skal han slakta over eit leirkar som er fylt med friskt vatn.
- <sup>51</sup>Så skal han ta sedertreet, isopen, den karmosinraude ulla og den levande fuglen og dyppa det i blodet av den fuglen som er slakta, og i det friske vatnet og skvetta på huset sju gonger.
- <sup>52</sup>Når han på denne måten har reinsa huset for synd med fugleblodet, det friske vatnet, den levande fuglen, sedertreet, isopen og den karmosinraude ulla,
- <sup>53</sup>skal han la den levande fuglen flyga ut over marka utanfor byen. Såleis skal han gjera soning for huset. Då er det reint.

<sup>54</sup> Dette er lova om allslags åtak av hudsjukdom og om skurv,

<sup>55</sup> om sjukdom på klede og på hus,

<sup>56</sup> om blemmer, utslett og bleike flekker,

<sup>57</sup> så de kan avgjera når noko er ureint, og når det er reint. Dette er lova om hudsjukdom.

### 3. Mosebok 15

#### Kjønnsleg ureinskap

<sup>1</sup> Herren sa til Moses og Aron:

<sup>2</sup> Tal til israelittane og sei til dei: Når ein mann har utflod frå kroppen, er utfloda urein.

<sup>3</sup> På grunn av utfloda hans skal dette reknast som ureinskap: Anten utfloda renn frå kjønnslemen hans eller lemen er tetna til av utfloda, så er dette ureinskap.

<sup>4</sup> Alt han ligg på og alt han sit på, blir ureint.

<sup>5</sup> Den som kjem nær senga hans, skal vaska kledda sine og bada; han er urein heilt til kvelds.

<sup>6</sup> Den som set seg på noko han har sete på, skal vaska kledda sine og bada; han er urein heilt til kvelds.

<sup>7</sup> Den som kjem nær kroppen til den som har utflod, skal vaska kledda sine og bada; han er urein heilt til kvelds.

<sup>8</sup> Dersom den som har utflod, spyttar på ein som er rein, skal den han spytta på, vaska kledda sine og bada; han er urein heilt til kvelds.

<sup>9</sup> Kvar ridesal som den som har utflod, sit på, blir urein.

<sup>10</sup> Den som kjem nær noko av det han har under seg, er urein heilt til kvelds. Og den som ber det bort, skal vaska kledda sine og bada; han er urein heilt til kvelds.

<sup>11</sup>Kjem den som har utflod, nær nokon utan at han først har skylt hendene sine i vatn, skal den han har teke på, vaska kleda sine og bada; han er urein heilt til kvelds.

<sup>12</sup>Kjem den som har utflod, nær eit leirfat, skal det knusast. Er det eit trefat, skal det skyljast i vatn.

<sup>13</sup>Når den som har utflod, er vorten rein etter utfloda, skal han telja sju dagar fram frå den tid han vart rein. Då skal han vaska kleda sine og kroppen i friskt vatn. Så er han rein.

<sup>14</sup> Den åttande dagen skal han ta to turtelduer eller to dueungar og gå fram for Herrens andlet, til inngangen til teltheilagdomen, og gje dei til presten.

<sup>15</sup>Og presten skal ofra dei, den eine som syndoffer og den andre som brennoffer. Såleis skal presten gjera soning for han for Herrens andlet etter utfloda.

<sup>16</sup>Når ein mann får sædavgang, skal han vaska heile kroppen sin i vatn; han er urein heilt til kvelds.

<sup>17</sup>Kvart klesplagg eller skinnplagg som det kjem sæd på, skal vaskast; det er ureint heilt til kvelds.

<sup>18</sup>Og når ein mann ligg med ei kvinne og det går sæd frå han, skal begge vaska seg i vatn; dei er ureine heilt til kvelds.

<sup>19</sup>Når ei kvinne har utflod og utfloda er blod frå kroppen hennar, er ho urein i sju dagar. Den som kjem nær henne, er urein heilt til kvelds.

<sup>20</sup>Alt det ho ligg på medan ho har menstruasjon, blir ureint, og alt det ho sit på, blir ureint.

<sup>21</sup>Den som kjem nær senga hennar, skal vaska kleda sine og bada; han er urein heilt til kvelds.

<sup>22</sup>Og den som kjem nær noko ho har sete på, skal vaska kleda sine og bada; han er urein heilt til kvelds.



<sup>23</sup>Ligg det eit eller anna der ho har lege eller sete, og nokon kjem nær det, er han urein heilt til kvelds.

<sup>24</sup>Skulle no ein mann liggja med henne, blir han urein av menstruasjonen hennar i sju dagar. Alt det han ligg på, blir ureint.

<sup>25</sup>Når ei kvinne har utflod slik at ho blør i mange dagar utan at det er tida for menstruasjonen hennar, eller menstruasjonen varer i lengre tid enn normalt, då er ho urein så lenge ho har utflod. Ho skal vera urein som ved menstruasjon.

<sup>26</sup>Alt det ho ligg på medan utfloda varer, blir som det ho ligg på når ho har menstruasjon. Og alt det ho sit på, blir ureint, som ureinskapen ved menstruasjon.

<sup>27</sup>Den som kjem nær det, blir urein. Han skal vaska kleda sine og bada; han er urein heilt til kvelds.

<sup>28</sup>Når ho blir rein etter utfloda, skal ho telja sju dagar fram. Då er ho rein.

<sup>29</sup> Den åttande dagen skal ho ta to turtelduer eller to dueungar og koma til presten med dei, til inngangen til teltheilagdomen.

<sup>30</sup>Og presten skal ofra dei, den eine som syndoffer og den andre som brennoffer. Såleis skal presten gjera soning for henne for Herrens andlet etter den ureine utfloda.

<sup>31</sup>De skal fria israelittane for ureinskapen deira, så dei ikkje skal gjera bustaden min urein, den som står midt imellom dei, og døy i ureinskapen sin.

<sup>32</sup>Dette er lova om menn som har utflod og om dei som har sædavgang så dei blir ureine,

<sup>33</sup>om kvinner som har menstruasjon, om den som har utflod, anten det er mann eller kvinne, og om menn som ligg med ureine kvinner.

### **3. Mosebok 16**

#### **Den store soningsdagen**

- <sup>1</sup> Herren tala til Moses etter at dei to sønene til Aron var døde, dei som døydde då dei steig fram for Herrens andlet.
- <sup>2</sup> Herren sa til Moses: Sei til Aron, bror din, at han ikkje kva tid som helst skal gå innanfor forhenget i heilagdomen, fram til soningsstaden som er loket på paktkista, for då må han døy. For eg viser meg i skya over soningsstaden.
- <sup>3</sup> Dette skal Aron ha med seg når han går inn i heilagdomen: ein ung okse til syndoffer og ein vêr til brennoffer.
- <sup>4</sup> Han skal kle seg i ein heilag kjortel av lin, dekkja kroppen med ei bukse av lin, spenna eit linbelte om livet og ta på seg ein turban av lin. Dette er dei heilage kleda. Han skal vaska kroppen med vatn før han tek dei på seg.
- <sup>5</sup> Frå Israels forsamling skal han ta to geitebukkar til syndoffer og ein vêr til brennoffer.
- <sup>6</sup> Aron skal leia fram den oxen som er syndoffer for han sjølv, og gjera soning for seg og sitt hus.
- <sup>7</sup> Så skal han ta dei to bukkane og stilla dei fram for Herrens andlet, i inngangen til teltheilagdomen.
- <sup>8</sup> Aron skal kasta lodd om bukkane, eitt lodd for Herren og eitt for Asasel.
- <sup>9</sup> Den bukken som loddet for Herren fell på, skal Aron leia fram og laga til som syndoffer.
- <sup>10</sup> Men den bukken som loddet for Asasel fell på, skal leiast levande fram for Herrens andlet. Ved han skal det gjerast soning når han blir send ut i ørkenen til Asasel.
- <sup>11</sup> Aron skal leia fram sin eigen syndofferokse og gjera soning for seg og sitt hus. Han skal slakta syndofferoksen sin.
- <sup>12</sup> Så skal han fylla glopanna med glør frå altaret framfor Herrens andlet, og ta to fulle nevar med finstøytt, velluktande røykjelse og bera det innanfor forhenget.

<sup>13</sup>Han skal leggja røykjelsen på elden for Herrens andlet så skya av røykjelsen gøymer soningsstaden som er over vitnemålet; elles må han døy.

<sup>14</sup>Så skal han ta litt av okseblodet og skvetta det med fingeren mot soningsstaden, på austsida. Framfor soningsstaden skal han sju gonger skvetta litt blod med fingeren.

<sup>15</sup>Så skal han slakta den syndofferbukken som er for folket, og bera blodet innanfor forhenget. Han skal gjera med blodet som han gjorde med blodet av oxen: skvetta det på soningsstaden og framfor soningsstaden.

<sup>16</sup>Han skal gjera soning for heilagdomen på grunn av ureinkapen til israelittane, lovbrot og alle syndene deira. Såleis skal han gjera med teltheilagdomen, som står hos dei midt i ureinkapen deira.

<sup>17</sup>Det må ikkje finnast noko menneske i teltheilagdomen frå Aron går inn for å gjera soning i heilagdomen, og til han kjem ut att. Han skal gjera soning for seg og sitt hus og for heile Israels forsamling.

<sup>18</sup>Så skal han gå ut til altaret som står for Herrens andlet, og gjera soning for det. Han skal ta litt av okseblodet og litt av bukkeblodet og stryka det rundt om på altarhorna.

<sup>19</sup>Sju gonger skal han skvetta noko av blodet på altaret med fingeren, reinsa det frå ureinkapen til israelittane og gjera det heilagt.

<sup>20</sup>Når Aron har fullført soninga for den heilage staden, teltheilagdomen og altaret, skal han leia fram den levande bukken,

<sup>21</sup>leggja begge hendene på hovudet til bukken og sanna over han heile skulda til israelittane, alle lovbrot og syndene deira. Han skal leggja dei på hovudet til bukken. Så skal han la ein mann som står ferdig, senda han ut i ørkenen.

<sup>22</sup>Bukken skal bera alle syndene deira ut i villmarka. Bukken skal sendast ut i ørkenen.

<sup>23</sup>Så skal Aron gå inn i teltheilagdomen og ta av seg linkleda som han hadde på då han gjekk inn i heilagdomen, og han skal leggja dei der.

<sup>24</sup>Han skal vaska kroppen med vatn på ein heilag stad, ta på seg sine eigne klede og så gå ut og laga til sitt eige brennoffer og brennofferet for folket. Han skal gjera soning for seg og for folket.

<sup>25</sup>Han skal la feittet av syndofferet gå opp i røyk på altaret.

<sup>26</sup>Den mannen som sende bukken ut til Asasel, skal vaska kleda sine og kroppen med vatn. Så kan han få koma inn i leiren.

<sup>27</sup>Når blodet er bore inn i heilagdomen til soning, skal syndofferoksen og syndofferbukken førast ut av leiren, og skinnet og kjøtet og mageinnhaldet skal brennast.

<sup>28</sup>Den som brenner det, skal vaska kleda sine og kroppen med vatn. Så kan han koma inn i leiren.

<sup>29</sup> Dette skal vera ei evig forskrift for dykk: I den sjuande månaden, på den tiande dagen, skal de audmjuka dykk. De skal ikkje gjera noko slag arbeid, korkje den som er fødd i landet, eller innflyttaren som bur hos dykk.

<sup>30</sup>For den dagen skal det gjerast soning for dykk så de blir reine. De skal reinsast frå alle syndene dykkar for Herrens andlet.

<sup>31</sup>Ein sabbat, ein kviledag skal han vera for dykk, og de skal audmjuka dykk. Det er ei evig forskrift.

<sup>32</sup>Den presten som blir salva og innsett til å gjera presteteneste etter far sin, skal stå for soninga. Han skal ta på seg linkleda, dei heilage kleda,

<sup>33</sup>og gjera soning for Det høgheilage. Han skal gjera soning for teltheilagdomen og altaret, for prestane og for heile folket som er samla.

<sup>34</sup>Dette skal vera ei evig forskrift for dykk: Éin gong om året skal det gjerast soning for syndene til israelittane. Det som Herren hadde bode Moses, vart utført.

### 3. Mosebok 17

#### Heilagdomslova (Kap. 17–26) Den rette offerstaden

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>Tal til Aron og sønene hans og til alle israelittane og sei til dei: Dette er det som Herren har bode:

<sup>3</sup>Det kan henda at ein eller annan frå Israels hus slaktar ein okse, ein sau eller ei geit, i leiren eller utanfor leiren,

<sup>4</sup>men ikkje kjem til inngangen til teltheilagdomen med dyret for å bera fram eit offer til Herren framfor Herrens bustad. Då skal det reknast som blodskuld for den mannen. Han har aust ut blod. Mannen skal støytast ut frå folket sitt.

<sup>5</sup>Difor skal israelittane koma til Herren med dei slaktoffera som dei før har ofra ute på marka, ta dei med til inngangen til teltheilagdomen, til presten, og ofra dei som fredsoffer til Herren.

<sup>6</sup>Presten skal stenka blodet på Herrens altar, det som står attmed inngangen til teltheilagdomen, og brenna feittet til godange for Herren.

<sup>7</sup>Dei skal ikkje lenger ofra slaktoffera sine til bukkane som dei har drive hor med. Dette skal vera ei evig forskrift for dei gjennom alle slekter.

<sup>8</sup>Og du skal seia til dei: Det kan henda at ein eller annan, frå Israels hus eller mellom innflyttarane som bur hos dei, ofrar eit brennoffer eller slaktoffer,

<sup>9</sup>men ikkje kjem til inngangen til teltheilagdomen med det for å ofra det til Herren. Den mannen skal støytast ut frå folket sitt.

### **Forbod mot å eta blod**

<sup>10</sup>Kvar den frå Israels hus eller av innflyttarane som bur hos dei, som et blod, skal eg venda meg mot og støyta ut frå folket hans.

<sup>11</sup>For ein skapnings liv er i blodet, og eg har gjeve dykk blodet på altaret til soning for livet dykkar. Blodet sonar fordi livet er i det.

<sup>12</sup>Difor har eg sagt til israelittane: Ingen av dykk må eta blod; heller ikkje innflyttarane som bur hos dykk, må eta blod.

<sup>13</sup>Kvar den av israelittane eller av innflyttarane som bur hos dei, som fangar eit vilt dyr eller ein fugl som kan etast, han skal la blodet renna ut og ha jord over det.

<sup>14</sup> For blodet er livet i kvar skapning. Difor sa eg til israelittane: De må ikkje eta blodet av nokon skapning, for blodet er livet i kvar skapning. Den som et det, skal støytast ut.

<sup>15</sup> Kvar person, anten han er fødd i landet eller er innflyttar, som har ete av eit dyr som er sjølvdaudt eller ihelrive, skal vaska kleda sine og bada. Han er urein heilt til kvelds. Då er han rein att.

<sup>16</sup>Dersom han ikkje vaskar kleda og badar, fører han skuld over seg.

### **3. Mosebok 18**

#### **Lover om kjønnsleg omgang**

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>Tal til israelittane og sei til dei: Eg er Herrendykkar Gud.

<sup>3</sup>De skal ikkje gjera som dei gjer i Egypt, det landet der de har budd, eller som dei gjer i Kanaan, det landet eg fører dykk til. De skal ikkje følgja deira forskrifter.

<sup>4</sup>Mine lover skal de halda, og mine forskrifter skal de akta på, så de følgjer dei. Eg er Herren dykkar Gud.

<sup>5</sup>De skal halda forskriftene og lovene mine. Det mennesket som lever etter dei, skal ha liv ved dei. Eg er Herren.

<sup>6</sup>Ingen må koma nær nokon av sitt eige kjøt og blod for å kle dei nakne. Eg er Herren.

<sup>7</sup>Du skal ikkje kle far din eller mor di naken. Ho er mor di; du skal ikkje kle henne naken.

<sup>8</sup>Du skal ikkje kle kona til far din naken; nakenskapen hennar høyrer far din til.

- <sup>9</sup> Du skal ikkje kle syster di naken, anten ho er dotter til far din eller til mor di, anten ho er fødd heime eller ute.
- <sup>10</sup> Du skal ikkje kle sonedotter di eller dotterdotter di naken, for det ville føra skam over deg sjølv.
- <sup>11</sup> Du skal ikkje kle dotter til kona til far din naken, ho som òg er dotter til far din. Ho er syster di.
- <sup>12</sup> Du skal ikkje kle syster til far din naken. Ho er i nær slekt med han.
- <sup>13</sup> Du skal ikkje kle syster til mor di naken. Ho er i nær slekt med henne.
- <sup>14</sup> Du skal ikkje kle farbror din naken. Kona hans må du ikkje koma nær, ho er tanta di.
- <sup>15</sup> Du skal ikkje kle svigerdotter di naken. Ho er kona til son din. Du skal ikkje kle henne naken.
- <sup>16</sup> Du skal ikkje kle kona til bror din naken; nakenskapen hennar høyrer bror din til.
- <sup>17</sup> Du skal ikkje kle både ei kvinne og dotter hennar nakne. Du skal ikkje ta sonedotter eller dotterdotter hennar og kle dei nakne, dei er av same kjøt og blod som henne. Det er skamlaus gjerning.
- <sup>18</sup> Du skal ikkje ta ei kvinne som medkone for syster si og kle henne naken, ikkje så lenge den andre er i live.
- <sup>19</sup> Når ei kvinne er urein med menstruasjon, skal du ikkje koma nær henne for å kle henne naken.
- <sup>20</sup> Du skal ikkje ha samleie med kona til ein landsmann og gjera deg urein ved henne.
- <sup>21</sup> Du skal ikkje gje nokon av borna dine over til Molok; du skal ikkje vanhelga namnet til din Gud. Eg er Herren.
- <sup>22</sup> Du skal ikkje liggja med ein mann som ein ligg med ei kvinne. Det er avskyeleg.

<sup>23</sup> Du skal ikkje ha samleie med eit dyr av noko slag og gjera deg urein ved det. Heller ikkje skal ei kvinne by seg fram til eit dyr og para seg med det. Det er motbydeleg.

<sup>24</sup>Gjer dykk ikkje ureine med noko slikt! For dei folkeslaga som eg vil driva ut for dykk, har gjort seg ureine med alt dette.

<sup>25</sup>Landet har vorte ureint. Eg straffa det for synda så landet spydde ut dei som budde der.

<sup>26</sup>Men de skal halda forskriftene og lovene mine og ikkje gjera nokon av desse avskyelege gjerningane, anten de er fødde i landet eller er innflyttarar der.

<sup>27</sup>For dei som budde i landet før dykk, gjorde alle desse avskyelege gjerningane, og landet vart ureint.

<sup>28</sup>Då må ikkje landet spy dykk ut fordi de gjer det ureint, slik det har spydd ut det folkeslaget som var der før dykk.

<sup>29</sup>For alle som gjer noko av dette som er avskyeleg, skal støytast ut frå folket sitt.

<sup>30</sup> Så hald dykk då til det som eg har fastsett, og følg ikkje nokon av dei avskyelege forskriftene som dei har følgd før dykk! Gjer dykk ikkje ureine ved dei! Eg er Herren dykkar Gud.

### **3. Mosebok 19**

#### **Heilagdomsreglar for israelittane**

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>Tal til heile Israels forsamling og sei til dei: De skal vera heilage, for eg, Herren dykkar Gud, er heilag.

<sup>3</sup>Kvar og ein skal ha age for mor si og far sin, og de skal halda sabbatane mine. Eg er Herren dykkar Gud.

<sup>4</sup>De skal ikkje venda dykk til avgudane og ikkje laga dykk støypte gudebilete. Eg er Herren dykkar Gud.



- <sup>5</sup>Når de vil ofra eit fredsoffer for Herren, skal de ofra slik at de kan vinna velvilje.
- <sup>6</sup>Kjøtet skal etast same dagen som de ofrar, eller dagen etter. Det som er att til tredje dagen, skal brennast.
- <sup>7</sup>Det må ikkje etast av offeret den tredje dagen. Då er det ureint og kan ikkje gje velvilje.
- <sup>8</sup>Den som et det, fører skuld over seg, for han har vanhelga det som var heilagt for Herren. Han skal støytast ut frå folket sitt.
- <sup>9</sup>Når de haustar inn korn i landet, skal du ikkje skjera kornet heilt ut til åkerkanten, og dei aksa som ligg att når du har hausta, skal du ikkje sankka saman.
- <sup>10</sup>På vinmarka skal du ikkje sankka dei druene som heng att, eller plukka dei som er neddotne. Du skal la dei vera att til dei fattige og innflyttarane. Eg er Herren dykkar Gud.
- <sup>11</sup>De skal ikkje stela, og de skal ikkje lyga, og de skal ikkje fara med svik mot landsmenn.
- <sup>12</sup>De skal ikkje sverja falskt ved namnet mitt; for då vanhelgar du namnet til din Gud. Eg er Herren.
- <sup>13</sup>Du skal ikkje undertrykkja nesten din eller røva noko frå han. Du skal ikkje la løna til ein dagarbeidar liggja natta over hos deg.
- <sup>14</sup>Du skal ikkje forbanna den som er døv, og ikkje leggja ein snublestein i vegen for den som er blind. Du skal frykta din Gud. Eg er Herren.
- <sup>15</sup>De skal ikkje gjera urett når de dømmer. Du skal ikkje halda med den svake parten og ikkje ta parti for den mektige. Du skal dømma landsmannen din rettferdig.
- <sup>16</sup>Du skal ikkje gå omkring og baktala ditt eige folk. Du skal ikkje stå nesten din etter livet. Eg er Herren.

- <sup>17</sup> Du skal ikkje bera hat til bror din i hjartet, men du skal tala landsmannen din til rette, så du ikkje fører synd over deg for hans skuld.
- <sup>18</sup> Du skal ikkje ta hemn og ikkje bera agg til landsmennene dine, men du skal elska nesten din som deg sjølv. Eg er Herren.
- <sup>19</sup> De skal halda forskriftene mine: Du skal ikkje la to husdyr av ulikt slag para seg. Du skal ikkje så to ulike slag i åkeren din. Klede som er vovne av to ulike slag tråd, skal du ikkje ha på deg.
- <sup>20</sup> Det kan henda at ein mann har samleie med ei kvinne. Ho er ei slavekvinne som er lova bort til ein annan mann, men er enno ikkje frikjøpt eller frigjeven. Då skal det straffast. Dei skal ikkje døy, for ho er ikkje fri,
- <sup>21</sup> men han skal koma med eit skuldoffer til Herren, ein vêr, til inngangen til teltheilagdomen.
- <sup>22</sup> Med skuldoffervêren skal presten for Herrens andlet gjera soning for han og for den synda han har gjort. Så får han tilgjeving for synda han har gjort.
- <sup>23</sup> Når de kjem inn i landet og plantar allslags tre til å eta av, skal de halda den første frukta dei ber, for urein. I tre år skal frukta vera urein for dykk og ikkje etast.
- <sup>24</sup> Det fjerde året skal all frukt helgast til Herren på ei gledehogtid.
- <sup>25</sup> Først i det femte året kan de eta frukta. Såleis får de større avling. Eg er Herren dykkar Gud.
- <sup>26</sup> De skal ikkje eta noko med blodet i. De skal ikkje driva med spådomskunster og teikntyding.
- <sup>27</sup> De skal ikkje runda av håret på sidene og raka skjegget i kantane.
- <sup>28</sup> De skal ikkje rispa dykk opp på kroppen i sorg over ein som er død, og ikkje brenna inn skrifteikn på dykk. Eg er Herren.
- <sup>29</sup> Du skal ikkje vanhelga dotter di ved å la henne prostituera seg, slik at landet driv hor og blir fullt av skamløyse.
- <sup>30</sup> De skal halda sabbatane mine og ha age for heilagdomen min. Eg er Herren.

**31** De skal ikkje venda dykk til gjenferd og ikkje søkja til spådomsånder så de blir ureine ved dei. Eg er Herren dykkar Gud.

**32** Du skal reisa deg for dei grå hår og visa dei gamle ære. Du skal frykta din Gud. Eg er Herren.

**33** Når ein innflyttar bur i landet hos dykk, skal de ikkje gjera urett mot han.

**34** Innflyttaren som bur hos dykk, skal vera som ein av dykkar eigne landsmenn. Du skal elska han som deg sjølv. For de har sjølve vore innflyttarar i Egypt. Eg er Herren dykkar Gud.

**35** De skal ikkje gjera urett mot nokon når de dømmer, når de bruker lengdemål, vekt eller holmål.

**36** Rett vekt og rette lodd, rett efa og rett hin skal de bruka. Eg er Herren dykkar Gud, som førte dykk ut frå Egypt.

**37** De skal halda alle forskriftene og lovene mine og leva etter dei! Eg er Herren.

### **3. Mosebok 20**

#### **De skal vera heilage**

**1** Herren sa til Moses:

**2** Sei til isrealittane: Er det nokon av isrealittane eller av innflyttarane i Israel som gjev eit av borna sine til Molok, skal han døy. Folket i landet skal steina han.

**3** Eg vil venda meg mot den mannen og støyta han ut frå folket. For han har gjeve barnet sitt til Molok. Slik har han gjort heilagdomen min urein og vanhelga mitt heilage namn.

**4** Men dersom folket i landet skulle lata att auga for at mannen gjev barnet sitt til Molok, og dei ikkje drep han,

**5** då vil eg venda meg mot han og slekta hans. Eg vil støyta han ut frå folket, både han og alle dei som like eins driv hor og renner etter Molok.

<sup>6</sup>Den som vender seg til gjenferd og spådomsånder, driv hor og held seg til dei, vil eg venda meg mot og støyta ut frå folket.

<sup>7</sup>De skal helga dykk og vera heilage. For eg er Herren dykkar Gud.

<sup>8</sup>De skal halda forskriftene mine og leva etter dei! Eg er Herren, som helgar dykk.

### Synd og straff

<sup>9</sup>Når nokon forbannar far sin eller mor si, skal han døy. Han har forbanna far sin eller mor si. Hans blod kjem over han sjølv.

<sup>10</sup>Ein mann som bryt ekteskapet med ei kvinne, ein som bryt ekteskapet med kona til nesten sin, skal døy. Det gjeld både mannen og kvinna som har brote ekteskapet.

<sup>11</sup>Ein som ligg med kona til far sin, avdekkjer nakenskapen til far sin. Dei skal begge døy. Deira eige blod kjem over dei.

<sup>12</sup>Når ein mann ligg med sonekona si, skal begge døy. Dei har gjort ei motbydeleg gjerning. Deira eige blod kjem over dei.

<sup>13</sup>Når ein mann ligg med ein annan mann som ein ligg med ei kvinne, har begge gjort noko avskyeleg. Dei skal døy. Deira eige blod kjem over dei.

<sup>14</sup>Ein mann som tek ei kvinne og mor hennar til kone, handlar skamlaust. Dei skal brennast, både han og dei. Slik skamløyse må ikkje finnast mellom dykk.

<sup>15</sup>Ein mann som har samleie med eit dyr, skal døy, og dyret skal de drepa.

<sup>16</sup>Ei kvinne som kjem nær eit dyr og parar seg med det, skal du drepa, dyret òg. Dei skal døy. Deira eige blod kjem over dei.

<sup>17</sup>Når ein mann gifter seg med syster si, dotter til far sin eller mor si, og dei ser kvarandre nakne, då er det ei skam. Dei skal støytast ut for auga på landsmennene sine. Han har kledd syster si naken. Han har ført skuld over seg.

<sup>18</sup>Når ein mann ligg med ei kvinne som har menstruasjon, kler han henne naken og blottar kjelda hennar, og ho har sjølv blotta blodkjelda si. Dei skal begge støytast ut frå folket sitt.

<sup>19</sup>Du skal ikkje kle syster til mor di eller far din naken. For det er å blotta ein nær slektning. Dei har ført skuld over seg.

<sup>20</sup>Ein mann som ligg med tanta si, avdekkjer nakenskapen til onkelen sin. Dei må bera synda si. Dei skal døy barnlause.

<sup>21</sup>Når ein mann gifter seg med kona til bror sin, er det ureinskap. Han har avdekt nakenskapen til bror sin. Dei skal bli barnlause.

<sup>22</sup> De skal halda alle forskriftene og lovene mine og leva etter dei! Då skal det ikkje spy dykk ut, det landet som eg vil føra dykk til og la dykk bu i.

<sup>23</sup>Følg ikkje forskriftene til dei folkeslaga som eg driv ut for dykk! Dei gjer alt dette, og eg avskyr dei.

<sup>24</sup> Men til dykk har eg sagt: De skal ta landet deira, og eg vil gje det til dykk for at de skal ta det i eige, eit land som fløymer med mjølk og honning. Eg er Herren dykkar Gud, som har skilt dykk ut frå folka.

<sup>25</sup> De skal skilja mellom reine og ureine dyr og mellom ureine og reine fuglar, og ikkje gjera dykk sjølv motbydelege med å eta dei dyra eller fuglane eller krypdyra som eg har skilt ut som ureine for dykk.

<sup>26</sup> De skal vera heilage for meg, for eg, Herren, er heilag, og eg har skilt dykk ut frå folka for at de skal høyra meg til.

<sup>27</sup> Når ein mann eller ei kvinne har eit gjenferd eller ei spådomsånd i seg, skal dei døy. Dei skal steinast. Deira eige blod kjem over dei.

### **3. Mosebok 21**

#### **Prestane skal vera heilage**

<sup>1</sup> Herren sa til Moses: Tal til prestane, Arons søner, og sei til dei: Ein prest skal ikkje gjera seg urein mellom landsmennene sine med å røra ved eit lik,

<sup>2</sup>om det då ikkje gjeld ein nær slektning: mor, far, son, dotter eller bror.

<sup>3</sup>Ei syster som er jomfru og ikkje har fått nokon mann, kan han òg gjera seg urein ved når han er næraste slektningen.

<sup>4</sup>Ein gift mann må ikkje gjera seg urein mellom landsmennene sine så han vanhelgar seg sjølv.

<sup>5</sup>Prestane skal ikkje klippa seg snaue på hovudet, dei skal ikkje raka skjegget i kantane og ikkje skjera seg opp på kroppen.

<sup>6</sup>Dei skal vera heilage for sin Gud og ikkje vanhelga namnet til sin Gud, for dei ber fram Herrens gåveoffer til mat for sin Gud. Difor skal dei vera heilage.

<sup>7</sup>Ingen av dei må gifta seg med ei kvinne som er prostituert eller vanæra, og heller ikkje med ei kvinne som er skild frå mannen sin. For presten er heilag for sin Gud.

<sup>8</sup>Og du skal halda han heilag; han ber fram mat for din Gud. Han skal vera heilag for deg; for eg, Herren, som helgar dykk, er heilag.

<sup>9</sup>Når ei prestedotter vanhelgar seg med prostitusjon, vanhelgar ho far sin. Ho skal brennast.

<sup>10</sup>Den som er øvsteprest mellom brørne sine, han som har fått salvingsoljen helt over hovudet, er innsett i tenesta og kledd i dei heilage kledda, han skal ikkje la håret hanga fritt og ikkje riva sund kledda.

<sup>11</sup>Han må ikkje gå inn til nokon som er død; ikkje eingong for sin eigen far eller si eiga mor skal han gjera seg urein.

<sup>12</sup>Han må ikkje gå ut or heilagdomen og ikkje vanhelga sin Guds heilagdom. For han er innvigd ved sin Guds salvingsolje. Eg er Herren.

<sup>13</sup>Den kvinna han gifter seg med, må vera jomfru;

<sup>14</sup>han må ikkje ta ei kvinne som er enkje, fråskild, vanæra eller prostituert. Berre ei jomfru av sitt eige folk skal han ta til kone,

<sup>15</sup>så han ikkje skal vanhelga etterkomarane sine i folket. For eg er Herren, som helgar han.

<sup>16</sup>Herren sa til Moses:

<sup>17</sup> Tal til Aron og sei: Gjennom alle slekter skal ingen av etterkomarane dine som har ein feil på kroppen, koma og bera fram mat for sin Gud.

<sup>18</sup>Ingen som har ein feil, kan ofra: ingen som er blind eller halt, ingen med ein kroppsdel som er for kort eller for lang,

<sup>19</sup>ingen som har ein broten fot eller arm,

<sup>20</sup>ingen som er krylryggja eller dverg, ingen som har ein kvit flekk på auga eller skabb eller utslett, og ingen som er skadd i pungen.

<sup>21</sup>Ingen etterkomar av presten Aron som har ein feil, skal koma og bera fram Herrens gåveoffer. Har han ein feil, skal han ikkje koma og ofra mat for sin Gud.

<sup>22</sup>Han kan få eta maten til sin Gud, både av det høgheilage og av det heilage.

<sup>23</sup>Men han må ikkje koma inn til forhenget og ikkje gå fram for altaret, sidan han har ein feil; han må ikkje vanhelga heilagdomane mine. For eg er Herren, som helgar dei.

<sup>24</sup>Dette sa Moses til Aron og sønene hans og til alle israelittane.

### 3. Mosebok 22

#### Heilage gåver og offer

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>Sei til Aron og sønene hans at dei skal vera varsame med dei heilage gåvene som israelittane vier til meg, så dei ikkje vanhelgar mitt heilage namn. Eg er Herren.

<sup>3</sup>Du skal seia til dei: Dersom nokon av etterkomarane dykkar, i slekt etter slekt, kjem nær dei heilage gåvene som israelittane vier til Herren, medan han er urein, skal han støytast bort frå mitt andlet. Eg er Herren.

<sup>4</sup>Ingen av Arons etterkomarar som har hudsjukdom eller utflod, skal eta av dei heilage gåvene før han har vorte rein. Det skal heller ikkje den som kjem nær nokon som har vorte urein av lik, eller den det går sæd frå,

<sup>5</sup>eller den som kjem nær noko krypdyr som ein blir urein av, eller noko menneske som ein på eit eller anna vis blir urein av.

<sup>6</sup>Den som kjem nær noko slikt, er urein heilt til kvelds, og han skal ikkje eta av dei heilage gåvene før han har vaska heile kroppen sin i vatn.

<sup>7</sup>Når sola glader, er han rein. Sidan kan han eta av dei heilage gåvene, for det er maten hans.

<sup>8</sup>Dyr som er sjølvdaude eller ihelrivne, skal han ikkje eta, for då blir han urein. Eg er Herren.

<sup>9</sup>Dei skal halda seg etter det som eg har fastsett, så dei ikkje påfører seg skuld og døyr fordi dei vanhelgar det som er heilagt. Eg er Herren, som helgar dei.

<sup>10</sup>Ingen uvigsla skal eta det som er heilagt. Den som held til hos presten eller er leigekar hos han, skal ikkje eta det som er heilagt.

<sup>11</sup>Men når ein prest kjøper ein slave som sin eigedom for pengar, då kan slaven eta av det heilage; dei som er fødde i huset hans, kan eta av maten hans.

<sup>12</sup>Når ei prestedotter gifter seg med ein uvigsla, må ho ikkje eta av dei heilage offergåvene.

<sup>13</sup>Men blir ho enkje eller fråskild og ikkje har born, og ho så kjem tilbake til farshuset sitt, då kan ho eta av maten hans som då ho var ung. Men ingen uvigsla må eta av den maten.

<sup>14</sup>Når ein mann av vanvare et noko heilagt, skal han betala presten for det heilage og leggja til ein femtedel.

<sup>15</sup>Prestane skal ikkje vanhelga dei heilage gåvene som israelittane gjev til Herren,

<sup>16</sup>og føra synd og skuld over folket ved å la dei eta dei heilage gåvene. For eg er Herren, som helgar dei.

<sup>17</sup>Herren sa til Moses:



<sup>18</sup>Tal til Aron og sønene hans og til alle israelittane og sei: Når ein israelitt eller ein av innflyttarane i Israel ber fram eit offer, anten det er eit lovnadsoffer eller eit frivillig offer dei ber fram for Herren som brennoffer,

<sup>19</sup>må det vera slik at de kan vinna velvilje: Det skal vera eit feilfritt hanndyr av storfeet, sauene eller geitene.

<sup>20</sup> Noko som har ein feil, må de ikkje ofra, for noko slikt vil ikkje gje dykk velvilje.

<sup>21</sup>Når nokon ber fram for Herren eit fredsoffer av storfeet eller småfeet, anten det er ein lovnad han vil oppfylle, eller det er eit frivillig offer, då må det vera eit feilfritt dyr om det skal vinna velvilje. Det må ikkje finnast feil på dyret.

<sup>22</sup>De må ikkje ofra til Herren eit dyr som er blindt eller har brote eit bein eller lid av byllar, skabb eller anna utslett. De skal ikkje leggja gåveoffer av slike dyr på altaret for Herren.

<sup>23</sup>Ein okse eller sau som har for lange eller for korte lemer, kan du ofra som frivillig offer, men som eit lovnadsoffer blir det ikkje teke imot med velvilje.

<sup>24</sup>Dyr som har fått testiklane klemde eller knuste, rivne eller skorne, skal de ikkje ofra til Herren. Slikt må de ikkje gjera i dykkar land.

<sup>25</sup>Heller ikkje skal de kjøpa slike dyr av utlendingar og bera dei fram som mat for dykkar Gud. Dei er skadde; det er ein feil på dei. De kan ikkje vinna velvilje ved dei.

<sup>26</sup>Herren sa til Moses:

<sup>27</sup> Når ein kalv eller eit lam eller eit kje kjem til, skal dei følgja mor si i sju dagar. Men frå den åttande dagen blir dei mottekne med velvilje som gåveoffer for Herren.

<sup>28</sup>De skal ikkje slakta storfeet og småfeet saman med ungane deira same dagen.

<sup>29</sup>Når de slaktar eit takkoffer for Herren, skal de ofra slik at de kan vinna velvilje.

<sup>30</sup> De skal eta det same dagen og ikkje la noko av det bli liggjande til morgonen etter. Eg er Herren.

<sup>31</sup>Så hald då boda mine og lev etter dei! Eg er Herren.

<sup>32</sup>Vanhelga ikkje mitt heilage namn, for eg skal haldast heilag mellom israelittane. Eg er Herren, som helgar dykk.

<sup>33</sup>Det var eg som førte dykk ut frå Egypt og vil vera dykkar Gud. Eg er Herren.

### 3. Mosebok 23

#### Dei store høgtidene

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>Tal til israelittane og sei til dei: Dette er Herrenshøgtider, mine fastsette tider då de skal kalla saman til heilage samlingar.

<sup>3</sup>I seks dagar kan det arbeidast, men den sjuande dagen skal vera sabbat, ein kviledag med heilag samling. Då må de ikkje gjera noko arbeid. Det skal vera sabbat for Herren alle stader der de bur.

<sup>4</sup>Dette er Herrens høgtider, dei fastsette tidene då de skal kalla inn til heilage samlingar.

<sup>5</sup>Den fjortande dagen i den første månaden, i skumringa, er det påske for Herren.

<sup>6</sup>Og den femtande dagen i same månaden er det høgtida med usyra brød for Herren. I sju dagar skal de eta usyra brød.

<sup>7</sup>Den første dagen skal de halda ei heilag samling. Då må de ikkje gjera noko arbeid.

<sup>8</sup>Alle sju dagane skal de bera fram gæveoffer for Herren. Den sjuande dagen skal de òg halda ei heilag samling. Då må de ikkje gjera noko arbeid.

<sup>9</sup>Herren sa til Moses:

<sup>10</sup> Tal til israelittane og sei til dei: Når de kjem inn i det landet eg vil gje dykk, og skjær kornet der, då skal de gå til presten med det første kornbandet de har skore.

<sup>11</sup>Han skal svinga det forHerrens andlet så de kan vinna velvilje. Dagen etter sabbaten skal presten svinga kornbandet.

<sup>12</sup>Den dagen de svingar kornbandet, skal de bera fram eit årsgammalt lam utan feil som brennoffer for Herren

<sup>13</sup> og grødeofferet som høyrer til. Det skal vera to tiandedels mål fint mjøl blanda med olje. Det er eit gåveoffer for Herren til godange. Drikkofferet skal vera ein fjerdedels hin vin.

<sup>14</sup>De skal ikkje eta brød og ikkje steikt eller friskt korn før den dagen de ber fram offergåva til dykkar Gud. Det skal vera ei evig forskrift for dykk gjennom alle slekter, kvar de så bur.

<sup>15</sup> Frå dagen etter sabbaten, frå den dagen de kjem med kornbandet som skal svingast, skal de telja sju fulle veker.

<sup>16</sup> De skal telja femti dagar, til dagen etter den sjuande sabbaten. Då skal de bera fram forHerren eit grødeoffer av den nye grøda.

<sup>17</sup>Frå bustadene dykkar skal de ta med to brød som skal svingast. Dei skal lagast av to tiandedels mål fint mjøl og bakast med surdeig. Det er førstegrøda for Herren.

<sup>18</sup>Attåt brødet skal de bera fram sju årsgamle lam utan feil, ein ung okse og to vêrar som skal vera brennoffer for Herren, og grødeofferet og drikkoffera som høyrer til. Det er eit gåveoffer til godange for Herren.

<sup>19</sup>Så skal de ofra ein geitebukk som syndoffer og to årsgamle lam som fredsoffer.

<sup>20</sup>Presten skal svinga dei to lamma for Herrens andlet saman med brøda av førstegrøda. Det er eit svingeoffer for Herrens andlet. Det skal vera vigd til Herren og høyra presten til.

<sup>21</sup>Same dagen skal de kalla inn til samling, ei heilag samling skal det vera for dykk. Då må de ikkje gjera noko arbeid. Dette skal vera ei evig forskrift for dykk gjennom alle slekter, kvar de så bur.

<sup>22</sup> Når de haustar inn kornet i landet, skal du ikkje skjera kornet heilt ut til åkerkanten, og dei aksa som ligg att når du har hausta, skal du ikkje sankta inn. Du skal la dei liggja til dei fattige og innflyttarane. Eg er Herrendykkar Gud.

<sup>23</sup>Herren sa til Moses:

<sup>24</sup> Tal til israelittane og sei: Den første dagen i den sjuande månaden skal de halda kviledag. Då skal de blåsa i horn og minna om den heilage samlinga.

<sup>25</sup>Den dagen må de ikkje gjera noko arbeid, og de skal bera fram gåveoffer for Herren.

<sup>26</sup>Herren sa til Moses:

<sup>27</sup> Merk dykk den tiande dagen i denne sjuande månaden, soningsdagen. Det skal vera ei heilag samling for dykk, de skal audmjuka dykk og bera fram gåveoffer for Herren.

<sup>28</sup>Den dagen må de ikkje gjera noko arbeid, for det er soningsdag. Då skal det gjerast soning for dykk for Herren dykkar Guds andlet.

<sup>29</sup>Kvar den som ikkje audmjukar seg den dagen, skal støytast ut frå folket sitt.

<sup>30</sup>Og kvar den som gjer noko arbeid den dagen, vil eg rydda ut av folket.

<sup>31</sup>De skal ikkje gjera noko arbeid. Det skal vera ei evig forskrift for dykk gjennom alle slekter, kvar de så bur.

<sup>32</sup>Ein sabbat, ein kviledag, skal det vera for dykk, og de skal audmjuka dykk. Frå kvelden den niande dagen i den månaden, frå den kvelden til den neste, skal de halda kviledag.

<sup>33</sup>Herren sa til Moses:

<sup>34</sup>Tal til israelittane og sei: Frå den femtande dagen i denne sjuande månaden skal de halda lauvhyttfest for Herren i sju dagar.

<sup>35</sup>Den første dagen skal det vera ei heilag samling. Då må de ikkje gjera noko arbeid.

<sup>36</sup>Sju dagar skal de bera fram gåveoffer for Herren. Den åttande dagen skal de halda ei heilag samling og bera fram gåveoffer for Herren. Då er det høgtidssamling, og de må ikkje gjera noko arbeid.

<sup>37</sup>Dette er Herrens høgtider då de skal kalla inn til heilage samlingar. De skal bera fram gåveoffer for Herren, brennoffer og grødeoffer, slaktoffer og drikkoffer, kvar dag det som høyrer den dagen til.

<sup>38</sup>I tillegg kjem Herrensabbatar, gåvene og lovnadsoffer dykkar og dei frivillige offera som de gjev Herren.

<sup>39</sup>Merk dykk den femtande dagen i den sjuande månaden, når de samlar inn grøda i landet. Då skal de feira Herrens høgtid i sju dagar. Den første dagen skal vera kviledag, og den åttande dagen skal vera kviledag.

<sup>40</sup>Den første dagen skal de ta frukt av edle tre, palmeblad, greiner av lauvtre og av piletre ved bekkene, og de skal gleda dykk i sju dagar for Herrendykkar Guds andlet.

<sup>41</sup>Kvart år skal de feira høgtid for Herren i sju dagar. Det skal vera ei evig forskrift for dykk gjennom alle slekter. I den sjuande månaden skal de feira denne høgtida.

<sup>42</sup>Då skal de bu i lauvhytter i sju dagar. Alle som er fødde i Israel, skal bu i lauvhytter,

<sup>43</sup>så etterkomarane dykkar skal vita at eg lét israelittane bu i hytter då eg førte dei ut frå Egypt. Eg er Herren dykkar Gud.

<sup>44</sup>Moses kunngjorde Herrens høgtider for israelittane.

### 3. Mosebok 24

## Lysestaken og skodebrøda

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>Gjev bod til israelittane at dei skal koma med rein olje av knust oliven til lampene, så det alltid kan tennast lys!

<sup>3</sup>I teltheilagdomen, utanfor forhenget som er framfor kista med vitnemålet, skal Aron sørgja for at lampene støtt brenn for Herrens andlet frå kveld til morgon. Det skal vera ei evig forskrift for dykk gjennom alle slekter.

<sup>4</sup>Han skal setja opp lampene på lysestaken av reint gull, så dei alltid står for Herrens andlet.

<sup>5</sup>Så skal du ta fint mjøl og baka tolv runde kaker. I kvar kake skal det vera to tiandedelar av eit mål.

<sup>6</sup>Og du skal leggja dei i to rader, seks i kvar rad, på bordet av reint gull for Herrens andlet.

<sup>7</sup>På kvar rad skal du leggja rein røykjelse. Det skal vera eit påminningsoffer for brøda, eit gåveoffer for Herren.

<sup>8</sup>I all framtid skal brøda leggjast fram for Herrens andlet, sabbat etter sabbat. Det er ei evig pakt hos israelittane.

<sup>9</sup>Brøda høyrer Aron og sønene hans til, og dei skal eta dei på ein heilag stad. Dei er høgheilage og er hans del av Herrens gåveoffer. Det er ei evig forskrift.

## Spott mot Herrens namn

<sup>10</sup>Mellom israelittane var det ein mann som var son til ei israelittisk kvinne, men som hadde ein egyptisk far. I leiren kom sonen av den israelittiske kvinna i krangel med ein israelitt.

<sup>11</sup> Denne sonen spotta Namnet og forbanna det. Då førte dei han til Moses. Mor hans heitte Sjelomit og var dotter til Dibri frå Dan-stammen.

<sup>12</sup> Dei heldt han i forvaring til saka kunne avgjerast med eit ord frå Herren.

<sup>13</sup>Og Herren sa til Moses:

**14**Før spottaren utanfor leiren! Alle som hørde han, skal leggja hendene på hovudet hans, og heile forsamlinga skal steina han.

**15**Så skal du seia til israelittane: Den som forbannar sin Gud, fører synd over seg.

**16** Og den som spottar Herrens namn, skal døy; heile lyden skal steina han. Anten han er innflyttar eller fødd i landet, skal han drepast når han spottar Namnet.

**17** Når nokon slår i hel eit menneske, skal han døy.

**18**Den som slår i hel eit husdyr, skal gje vederlag for det, liv for liv.

**19**Når nokon skader landsmannen sin på kroppen, skal det same gjerast med han som han sjølv har gjort:

**20** brot for brot, auge for auge, tann for tann. Den same skaden som han gjer ein annan, skal han sjølv få.

**21** Den som slår i hel eit husdyr, skal gje vederlag for det. Men den som slår i hel eit menneske, skal døy.

**22** Éi lov skal gjelda for dykk, anten de er innflyttarar eller fødde i landet. For eg er Herren dykkar Gud.

**23** Dette sa Moses til israelittane, og dei førte spottaren ut or leiren og steina han. Israelittane gjorde som Herren hadde sagt til Moses.

### **3. Mosebok 25**

#### **Sabbatsåret**

**1**Herren sa til Moses på Sinai-fjellet:

**2**Tal til israelittane og sei til dei: Når de kjem inn i det landet eg vil gje dykk, skal landet halda sabbat for Herren.

**3** Seks år skal du så til åkeren din, og seks år skal du skjera vinstokkane og samla inn grøda i landet.

<sup>4</sup>Men i det sjuande året skal det vera sabbat, eit kvileår for landet, ein sabbat for Herren. Då skal du korkje så åkeren din eller skjera vinstokkane dine.

<sup>5</sup>Du skal ikkje hausta det som har vakse av seg sjølv etter førre hausten, og du skal ikkje plukka druer på ein ustelt vinstokk. Det skal vera sabbatsår for landet.

<sup>6</sup>Det som landet sjølv ber fram i sabbatsåret, skal vera til føde for dykk, for deg og slaven din og slavekvinna di, for dei framande som arbeider eller bur hos deg,

<sup>7</sup>for buskapen din og for dei ville dyra i landet. All denne grøda skal de ha å eta.

### **Frigjevingsåret**

<sup>8</sup>Så skal du telja sju sabbatsår fram, sju gonger sju år, så tida for dei sju sabbatsåra blir førtini år.

<sup>9</sup>Den tiande dagen i den sjuande månaden skal du blåsa høgt i horn; på soningsdagen skal de la hornet lyda i heile landet.

<sup>10</sup>De skal halda det femtiande året heilagt og ropa ut fridom i landet for alle som bur der. Det skal vera eit frigjevingsår for dykk. Då skal de koma tilbake, kvar til sin eigedom og kvar til si slekt.

<sup>11</sup>Det femtiande året skal vera eit frigjevingsår for dykk. Då skal de ikkje så, ikkje hausta det som har vakse av seg sjølv, og ikkje plukka druene av ustelte vinstokkar.

<sup>12</sup>For det er eit frigjevingsår; det skal vera heilagt for dykk. De kan eta det som marka sjølv ber fram.

<sup>13</sup>I dette frigjevingsåret skal de koma tilbake, kvar til sin eigedom.

<sup>14</sup>Når du sel noko til ein landsmann eller kjøper noko av han, skal de ikkje gjera urett mot kvarandre.

<sup>15</sup>Du skal betala han etter talet på år sidan frigjevingsåret, og han skal setja prisen etter talet på år du kan hausta grøda.



<sup>16</sup>Di fleire år det er att, di større kjøpesum, og di færre år, di mindre kjøpesum. For det er berre eit visst tal avlingar han sel deg.

<sup>17</sup>De skal ikkje gjera urett mot kvarandre, men du skal frykta din Gud. For eg er Herren dykkar Gud.

<sup>18</sup> De skal følgja forskriftene mine og halda lovene mine så de lever etter dei! Då skal de bu trygt i landet.

<sup>19</sup> Landet skal gje si grøde så de kan eta dykk mette og bu trygt der.

<sup>20</sup>Det kan henda at de spør: «Kva skal vi eta det sjuande året når vi ikkje sår og ikkje samlar inn grøde?»

<sup>21</sup>Men eg vil senda mi velsigning over dykk det sjette året, så landet gjev grøde for tre år.

<sup>22</sup>Når de sår det åttande året, skal de enno eta av den gamle grøda. Heilt til det niande året, heilt til grøda kjem, skal de ha gammalt korn å eta.

<sup>23</sup> Jord må ikkje seljast for all framtid. For landet er mitt, og de er framande og innflyttarar hos meg.

<sup>24</sup>I heile det landet de eig, skal de gje høve til innløysing av jord.

<sup>25</sup> Når bror din blir så fattig at han må selja noko av egedomen sin, skal den løysingsmannen som er nærast, koma og løysa inn det som broren har selt.

<sup>26</sup>Finst det nokon som ikkje har ein løysingsmann, men sjølv får så god råd at han kan løysa inn,

<sup>27</sup>skal han ikkje ta med dei åra som har gått sidan han selde. Han skal gje kjøparen betaling for den tida som er att, og så kan han koma tilbake til egedomen sin.

<sup>28</sup>Men får han ikkje råd til å kjøpa henne tilbake, skal jorda høyra kjøparen til heilt til frigjevingsåret. Men i frigjevingsåret blir ho fri, og då kan han koma tilbake til egedomen sin.

<sup>29</sup>Når nokon sel eit bustadhus i ein by med murar omkring, gjeld løysingsretten berre for ei tid. Han har rett til å løysa inn huset innan eitt år etter salet.

<sup>30</sup>Men blir det ikkje innløyst før utgangen av året, skal huset som ligg i ein by med murar omkring, høyra kjøparen og etterkomarane hans til for all framtid. Det blir ikkje fritt i frigjevingsåret.

<sup>31</sup>Men husa i landsbyar utan murar ikring skal reknast likt med jordene på landet. Dei kan løysast inn, og i frigjevingsåret blir dei frie.

<sup>32</sup> Når det gjeld levittbyane, har levittane alltid løysingsrett til hus i byane som ligg på deira eigedom.

<sup>33</sup>Om ein av levittane løyser inn det huset han har selt i byen der han har eigedom, blir det fritt i frigjevingsåret. For husa i dei byane som høyrer levittane til, er deira eigedom mellom israelittane.

<sup>34</sup>Beitemarkene omkring byane deira må ikkje seljast; dei er deira eigedom for alle tider.

<sup>35</sup> Når bror din blir så fattig at han ikkje kan greia seg lenger, skal du ta deg av han som du gjer med innflyttarar og framande, så han kan livberga seg hos deg.

<sup>36</sup> Du må ikkje krevja rente eller fortjeneste av han; du skal frykta din Gud, så bror din kan livberga seg hos deg.

<sup>37</sup>Du skal ikkje låna han pengar mot rente eller selja han matvarer og krevja meir att.

<sup>38</sup>Eg er Herren dykkar Gud, som har ført dykk ut frå Egypt og vil gje dykk Kanaan og vera dykkar Gud.

<sup>39</sup> Når bror din blir så fattig at han må selja seg til deg, skal du ikkje la han gjera slavearbeid.

<sup>40</sup>Han skal ha det som ein leigekear eller framand hos deg og vera tenaren din til frigjevingsåret.

<sup>41</sup>Då kan han flytta frå deg, både han og borna hans, fara heim att til slekta og koma tilbake til eigedommen til fedrane sine.

<sup>42</sup>For dei er mine tenarar, som eg har ført ut frå Egypt; dei må ikkje seljast som ein sel slavar.

<sup>43</sup> Du skal ikkje vera som ein hard herskar mot han; du skal frykta din Gud.

<sup>44</sup>Vil du få deg ein slave eller ei slavekvinne, skal de kjøpa dei av folkeslaga som bur rundt ikring dykk.

<sup>45</sup>Like eins kan de kjøpa slavar av dei framande som held til hos dykk, og av etterkomarane deira som bur hos dykk og er fødde i landet. De kan eiga dei,

<sup>46</sup>og de kan la dei gå i arv til borna dykkar etter dykk, så dei kan eiga dei for all tid. De kan bruka dei til slavar. Men blant brørne dine, israelittane, må ingen vera som ein hard herskar mot andre.

<sup>47</sup>Det kan henda at ein innflyttar eller framand hos deg får god råd, medan bror din som bur nær han, blir så fattig at han må selja seg til denne innflyttaren eller denne framande, eller til ein som er av innflyttarslekt.

<sup>48</sup>Då skal han kunna løysast ut etter at han har selt seg. Ein av brørne hans kan løysa han ut,

<sup>49</sup>eller ein onkel, ein fetter eller ein annan av hans eige kjøt og blod. Får han råd, kan han gjera det sjølv.

<sup>50</sup>Då skal han og den som har kjøpt han, saman rekna ut tida frå det året han selde seg og til frigjevingsåret, og kjøpesummen skal delast på åretalet. Det skal vera som han hadde vore leigekar hos han.

<sup>51</sup>Er det enno mange år att, skal han betala tilbake ein tilsvarande del av summen og såleis kjøpa seg fri.

<sup>52</sup>Men er det få år att til frigjevingsåret, skal han rekna etter og betala ein løysingssum som svarar til desse åra.

<sup>53</sup>Han skal vera som ein leigekar hos han år for år. Du må ikkje tola at den framande er som ein hard herskar mot han.

<sup>54</sup>Men blir han ikkje lauskjøpt på denne måten, så blir han fri i frigjevingsåret, både han og borna hans.

<sup>55</sup>For det er meg israelittane tener. Dei er mine tenarar som eg har ført ut frå Egypt. Eg er Herren dykkar Gud.

### 3. Mosebok 26

#### Velsigning og forbanning

<sup>1</sup>De skal ikkje laga dykk avgudar, ikkje reisa gudebilete eller steinstøtter og ikkje setja opp biletsteinar i landet dykkar og tilbe dei. For eg er Herren dykkar Gud.

<sup>2</sup>Sabbatane mine skal de halda, og heilagdomen min skal de ha age for. Eg er Herren.

<sup>3</sup>Dersom de følgjer forskriftene mine og gjev akt på boda mine og held dei,

<sup>4</sup>vil eg gje dykk regn i rett tid. Jorda skal gje grøde og trea på marka frukt.

<sup>5</sup>Hos dykk skal treskjetida vara heilt til vinhausten, og vinhausten skal vara til kornet blir sådd. De skal eta dykk mette av eige brød og bu trygt i landet dykkar.

<sup>6</sup>Eg vil gje fred i landet, og de skal leggja dykk utan at nokon skremmer dykk. Villdyra vil eg rydda ut or landet, og sverd skal ikkje herja i landet dykkar.

<sup>7</sup>De skal forfølgja fiendane, og dei skal falla for sverd framfor dykk.

<sup>8</sup>Fem av dykk skal jaga hundre, og hundre skal jaga ti tusen. Fiendane skal falla for sverd framfor dykk.

<sup>9</sup>Eg vil venda meg til dykk og gjera dykk fruktbare og talrike; eg vil stå ved mi pakt med dykk.

<sup>10</sup>De skal eta det gamle kornet heilt til de må rydda det bort så de får plass til det nye.

<sup>11</sup>Eg vil reisa min bustad mellom dykk og ikkje ha avsky for dykk.

- <sup>12</sup> Eg vil ferdast midt mellom dykk. Eg skal vera dykkar Gud, og de skal vera mitt folk.
- <sup>13</sup> Eg er Herren dykkar Gud, som førte dykk ut frå Egypt så de ikkje skulle vera slavar for dei. Eg braut sund stengene på åket dykkar, og eg lét dykk gå rake.
- <sup>14</sup> Men om de ikkje vil høyra på meg og halda alle desse boda,
- <sup>15</sup> om de vanvørder forskriftene mine og har avsky for lovene mine, så de ikkje held alle boda mine, men bryt mi pakt,
- <sup>16</sup> då skal eg for min del gjera dette mot dykk: Eg straffar dykk med redsler, med tæring og feber, så auga sloknar og livskrafta kverv. Til inga nytte skal de så kornet dykkar; fiendane dykkar skal eta det.
- <sup>17</sup> Eg vil venda meg mot dykk, og de skal bli slegne av fienden. Dei som hatar dykk, skal rå over dykk, og de skal rømme om ingen er etter dykk.
- <sup>18</sup> Om de likevel ikkje høyrrer på meg, skal eg tukta dykk sju gonger så hardt for syndene dykkar.
- <sup>19</sup> Eg knuser den stolte makta dykkar. Himmelen over dykk lét eg bli som jern og jorda under dykk som bronse.
- <sup>20</sup> De skal bruka opp kreftene til inga nytte, for landet dykkar skal ikkje gje si grøde, og trea i landet skal ikkje bera frukt.
- <sup>21</sup> Om de set dykk opp mot meg og ikkje vil høyra på meg, slår eg dykk sju gonger så hardt for syndene dykkar.
- <sup>22</sup> Eg sender ville dyr mot dykk. Dei skal røva borna dykkar, drepa feet og gjera dykk få i talet, så vegane dykkar blir aude.
- <sup>23</sup> Om de ikkje lét dykk tukta av dette, men set dykk opp mot meg,
- <sup>24</sup> då vil eg for min del setja meg opp mot dykk og slå dykk sju gonger så hardt for syndene dykkar.
- <sup>25</sup> Eg sender mot dykk eit sverd som hemnar paktbrotet. Om de samlar dykk i byane, sender eg pest inn mellom dykk, og de skal gjevast over i fiendehand.

<sup>26</sup> Når eg bryt sund brødstaven for dykk, skal ti kvinner steikja brød i ein og same omnen. Dei skal gje dykk brødet etter vekt, og de skal eta, men ikkje bli mette.

<sup>27</sup>Dersom de likevel ikkje høyrer på meg, men set dykk opp mot meg,

<sup>28</sup>då vil eg for min del setja meg opp mot dykk i vreide og tukta dykk sju gonger så hardt for syndene dykkar.

<sup>29</sup> Då skal de eta kjøtet av dykkar eigne søner og døtrer.

<sup>30</sup> Eg øyder offerhaugane dykkar, gjer ende på røykjelsesaltara og kastar lika av dykk opp på dei livlause avgudane dykkar; for eg har avsky for dykk.

<sup>31</sup>Eg gjer byane dykkar til ruinar og legg heilagdomane i røys. Eg vil ikkje lukta godangen frå offera dykkar.

<sup>32</sup> Eg gjer landet audt så fiendane som bur der, blir fælne.

<sup>33</sup> Men dykk vil eg spreia mellom folkeslaga, og med sverd i hand vil eg forfølgja dykk. Landet dykkar skal bli til øydemark og byane til ruinar.

<sup>34</sup> Då skal landet ta att sabbatsåra sine, heile den tida det ligg i øyde, medan de er i fiendelandet. Ja, då skal landet kvila og ta att sabbatsåra.

<sup>35</sup> Så lenge det ligg audt, skal det kvila. Då skal det få den kvila det ikkje fekk i sabbatsåra, medan de budde der.

<sup>36</sup>Og dei av dykk som er att, vil eg gjera redde der ute i fiendelandet, sjølv lyden av fykande lauv skal jaga dei. Dei skal rømme som ein rømmer for sverdet og falla endå ingen forfølgjer dei.

<sup>37</sup> Den eine skal snåva over den andre, som om sverd var etter dei, endå ingen forfølgjer dei. De skal ikkje stå dykk mot fienden,

<sup>38</sup>men gå til grunne mellom folkeslaga; fiendelandet skal fortæra dykk.

<sup>39</sup>Og dei av dykk som enno er att, skal tærast bort i fiendelandet fordi dei har synda. Ja, dei skal òg tærast bort fordi fedrane deira synda.

<sup>40</sup> Då skal dei sanna skulda si og skulda til fedrane. Dei var trulause og sette seg opp mot meg.

<sup>41</sup> Difor vil eg òg setja meg opp mot dei og føra dei til fiendeland. Då skal det uomskorne hjartet deira audmjuka seg, og dei skal få bøta for synda si.

<sup>42</sup> Så vil eg koma i hug mi pakt med Jakob. Pakta med Isak og pakta med Abraham vil eg òg koma i hug. Eg vil koma landet i hug.

<sup>43</sup> Men landet skal bli forlate av dei og ta att sabbatsåra sine medan det ligg audt etter dei. Og dei må bøta for si skuld fordi, ja, fordi dei vanvørde lovene mine og hadde avsky for forskriftene mine.

<sup>44</sup> Men likevel vil eg ikkje forakta dei og ha avsky for dei når dei er i fiendeland. Eg vil ikkje gjera ende på dei og ikkje bryta mi pakt med dei. For eg er Herren deira Gud.

<sup>45</sup> Til beste for dei vil eg koma i hug pakta med forfedrane, som eg førte ut frå Egypt midt for auga på folkeslaga fordi eg ville vera deira Gud. Eg er Herren.

<sup>46</sup> Dette er dei forskriftene, boda og lovene som Herren fastsette mellom seg og israelittane på Sinai-fjellet gjennom Moses.

### **3. Mosebok 27**

#### **Innløysing av heilage gåver**

<sup>1</sup> Herren sa til Moses:

<sup>2</sup> Tal til israelittane og sei til dei: Når nokon vil oppfylle ein lovnad som gjeld menneske vigde til Herren, skal løysesummen fastsetjast slik:

<sup>3</sup> Ein mann som er mellom tjue og seksti år, skal ha ein verdi på femti sjekel sølv etter den vekt dei nyttar i heilagdomen.

<sup>4</sup> Er det ei kvinne, skal ho ha ein verdi på tretti sjekel.

<sup>5</sup> Er det eit menneske som er mellom fem og tjue år, skal verdien av ein gut vera tjue sjekel og av ei jente ti sjekel.

<sup>6</sup> Er det eit barn mellom ein månad og fem år, skal verdien av ein gut vera fem sjekel sølv og av ei jente tre sjekel sølv.

<sup>7</sup>Er det eit menneske på seksti år eller meir, skal verdien av ein mann vera femten sjekel og av ei kvinne ti sjekel.

<sup>8</sup>Er nokon så fattig at han ikkje kan betala desse pengane, skal dei koma til presten med han, og presten skal setja verdien på han. Presten skal setja verdien etter det han som gav lovnaden, har råd til.

<sup>9</sup>Gjeld lovnaden slike dyr som kan ofrast til Herren, skal alt det ein gjev av dei, vera heilag.

<sup>10</sup>Ein må ikkje erstatta det eller byta det ut med eit anna dyr, korkje eit godt med eit ringt eller eit ringt med eit godt. Skulle ein likevel byta eit dyr i eit anna, skal både dyret som blir bytt ut, og det andre reknast for heilage.

<sup>11</sup>Gjeld lovnaden eit ureint dyr, eit av dei som ikkje kan ofrast til Herren, skal det leiast fram for presten.

<sup>12</sup>Og presten skal verdsetja det etter som det er, godt eller ringt. Den verdien som presten fastset, skal det ha.

<sup>13</sup>Men skulle eigaren ønskja å løysa det inn, skal han leggja ein femtedel til verdien.

<sup>14</sup>Når nokon vier huset sitt som ein heilagdom til Herren, skal presten fastsetja verdien, anten det er godt eller dårleg. Den verdien som presten fastset, skal gjelda.

<sup>15</sup>Vil den som har helga huset sitt, løysa det inn, skal han betala ein femtedel meir enn det er verdsett til. Då blir det hans.

<sup>16</sup>Når nokon helgar eit stykke av odelsjorda si til Herren, skal verdien fastsetjast etter mengda av såkorn: Til ein homer bygg svarar femti sjekel sølv.

<sup>17</sup>Helgar han jorda heilt frå frigjevingsåret, skal den fastsette verdien gjelda fullt ut.



<sup>18</sup>Men er det etter frigjevingsåret han helgar jorda, skal presten rekna ut verdien etter dei åra som er att til komande frigjevingsår, og prisen skal setjast tilsvarende ned.

<sup>19</sup>Men skulle den som har helga eit stykke jord, ønskja å løysa det inn, skal han leggja ein femtedel til verdien. Då er det hans for godt.

<sup>20</sup>Men løyser han ikkje inn jordstykket, eller sel han det til ein annan, kan det ikkje løysast meir.

<sup>21</sup>Når det blir fritt i frigjevingsåret, skal det vera vigd til Herren, på same måten som bannlyst jord. Presten skal få det i eige.

<sup>22</sup>Når nokon helgar til Herren eit kjøpt jordstykke som ikkje har høyrtd odelsjorda hans til,

<sup>23</sup>skal presten rekna ut verdien etter den tida som er att til komande frigjevingsår, og mannen skal betala pengane same dagen. Dei skal vera vigde til Herren.

<sup>24</sup>I frigjevingsåret fell jorda tilbake til seljaren, han som har odelsretten.

<sup>25</sup>All fastsetjing av verdi skal vera i den vekta dei nyttar i heilagdomen, der ein sjekel er tjue gera.

<sup>26</sup>Det som er førstefødd i buskapen, må ingen helga. Fordi det er førstefødd, høyrer det Herren til. Anten det er storfe eller småfe, høyrer det Herren til.

<sup>27</sup>Er det ureine dyr, skal ein løysa dei inn etter verdien og leggja til ein femtedel. Blir dei ikkje innløyste, skal dei seljast for verdien.

<sup>28</sup>Når ein mann vier noko av alt det han eig, til Herren som bannlyst gods, anten det er folk eller fe eller odelsjord, då må det ikkje seljast og ikkje løysast. Alt bannlyst er høgheilagt og høyrer Herren til.

<sup>29</sup>Eit menneske som er bannlyst, kan ikkje løysast. Det skal dø.

<sup>30</sup>All tiend i landet, både av grøda på marka og av frukta på trea, høyrer Herren til. Ho er vigd til Herren.

<sup>31</sup>Men skulle nokon ønskja å løysa inn noko av tienda, skal han leggja til ein femtedel.

<sup>32</sup>All tiend av storfe og småfe, av alt som går under gjetarstav, kvart tiande dyr, skal vera vigd til Herren.

<sup>33</sup>Ein skal ikkje sjå etter om det er godt eller ringt, og ikkje byta det. Men skulle det likevel bli bytt i eit anna, skal både dyret som blir bytt ut, og det andre vera heilage. Dei kan ikkje løysast.

<sup>34</sup>Dette er boda til israelittane som Herren gav Moses på Sinai-fjellet.

## 4. Mosebok

### 4. Mosebok 1

#### Folketeljing i ørkenen

<sup>1</sup>Herren tala til Moses i teltheilagdomen i Sinai-ørkenen. Det var på den første dagen i den andre månaden i det andre året etter at dei drog ut frå Egypt. Han sa:

<sup>2</sup>Tel opp heile Israels forsamling, slekt for slekt og familie for familie, og skriv opp namna på alle menn, hovud for hovud.

<sup>3</sup>Du og Aron skal mønstra alle stridsføre i Israel som er tjue år eller meir, hæravdeling for hæravdeling.

<sup>4</sup>Ta med dykk éin mann for kvar stamme, han som er leiar for familiane.

<sup>5</sup>Dette er namna på dei mennene som skal stå saman med dykk: Frå Ruben: Elisur, son til Sjede'ur;

<sup>6</sup>frå Simon: Sjelumiel, son til Surisjaddai;

<sup>7</sup>frå Juda: Nahsjon, son til Amminadab;

<sup>8</sup>frå Jissakar: Netanel, son til Suar;

<sup>9</sup>frå Sebulon: Eliab, son til Helon;

<sup>10</sup>frå Josef-sønene, frå Efraim: Elisjama, son til Ammihud, og frå Manasse: Gamliel, son til Pedasur;

<sup>11</sup>frå Benjamin: Abidan, son til Gidoni;

<sup>12</sup>frå Dan: Ahieser, son til Ammisjaddai;

<sup>13</sup>frå Asjer: Pagiël, son til Okran;

<sup>14</sup>frå Gad: Eljasaf, son til De'uel;

<sup>15</sup>frå Naftali: Ahira, son til Enan.

<sup>16</sup> Dette er dei utvalde frå forsamlinga, leiarane for fedrestammene deira, overhovuda for Israels tusen.

- <sup>17</sup>Moses og Aron tok med seg desse mennene som var nemnde med namn.
- <sup>18</sup>Så kalla dei heile forsamlinga saman, den første dagen i den andre månaden. Alle som var tjue år eller meir, vart innførte i namnelister etter slekter og familiar, hovud for hovud.
- <sup>19</sup>Moses mønstra folket i Sinai-ørkenen, slik Herren hadde pålagt han.
- <sup>20</sup>Etterkomarane av Ruben, Israels førstefødde, vart innførte i listene, slekt for slekt og familie for familie. Alle stridsføre som var tjue år eller meir, vart innskrivne, hovud for hovud.
- <sup>21</sup>46 500 vart mønstra i Ruben-stammen.
- <sup>22</sup>Etterkomarane av Simon vart innførte i listene, slekt for slekt og familie for familie. Alle stridsføre som var tjue år eller meir, vart mønstra, hovud for hovud.
- <sup>23</sup>59 300 vart mønstra i Simon-stammen.
- <sup>24</sup>Etterkomarane av Gad vart innførte i listene, slekt for slekt og familie for familie. Alle stridsføre som var tjue år eller meir, vart innskrivne.
- <sup>25</sup>45 650 vart mønstra i Gad-stammen.
- <sup>26</sup>Etterkomarane av Juda vart innførte i listene, slekt for slekt og familie for familie. Alle stridsføre som var tjue år eller meir, vart innskrivne.
- <sup>27</sup>74 600 vart mønstra i Juda-stammen.
- <sup>28</sup>Etterkomarane av Jissakar vart innførte i listene, slekt for slekt og familie for familie. Alle stridsføre som var tjue år eller meir, vart innskrivne.
- <sup>29</sup>54 400 vart mønstra i Jissakar-stammen.
- <sup>30</sup>Etterkomarane av Sebulon vart innførte i listene, slekt for slekt og familie for familie. Alle stridsføre som var tjue år eller meir, vart innskrivne.
- <sup>31</sup>57 400 vart mønstra i Sebulon-stammen.

<sup>32</sup>Etterkomarane av Efraim, son til Josef, vart innførte i listene, slekt for slekt og familie for familie. Alle stridsføre som var tjue år eller meir, vart innskrivne.

<sup>33</sup>40 500 vart mønstra i Efraim-stammen.

<sup>34</sup>Etterkomarane av Manasse vart innførte i listene, slekt for slekt og familie for familie. Alle stridsføre som var tjue år eller meir, vart innskrivne.

<sup>35</sup>32 200 vart mønstra i Manasse-stammen.

<sup>36</sup>Etterkomarane av Benjamin vart innførte i listene, slekt for slekt og familie for familie. Alle stridsføre som var tjue år eller meir, vart innskrivne.

<sup>37</sup>35 400 vart mønstra i Benjamin-stammen.

<sup>38</sup>Etterkomarane av Dan vart innførte i listene, slekt for slekt og familie for familie. Alle stridsføre som var tjue år eller meir, vart innskrivne.

<sup>39</sup>62 700 vart mønstra i Dan-stammen.

<sup>40</sup>Etterkomarane av Asjer vart innførte i listene, slekt for slekt og familie for familie. Alle stridsføre som var tjue år eller meir, vart innskrivne.

<sup>41</sup>41 500 vart mønstra i Asjer-stammen.

<sup>42</sup>Etterkomarane av Naftali vart innførte i listene, slekt for slekt og familie for familie. Alle stridsføre som var tjue år eller meir, vart innskrivne.

<sup>43</sup>53 400 vart mønstra i Naftali-stammen.

<sup>44</sup>Dette er dei som vart mønstra av Moses og Aron og leiarane for Israel. Leiarane var tolv mann, éin for kvar slekt.

<sup>45</sup>Israelittane vart mønstra, familie for familie, alle stridsføre i Israel som var tjue år eller meir.

<sup>46</sup> I alt var det 603 550 som vart mønstra.

<sup>47</sup>Men levittane vart ikkje mønstra etter fedrestammen sin saman med dei andre.

<sup>48</sup>For Herren hadde sagt til Moses:

<sup>49</sup>Berre Levi-stammen skal du ikkje mønstra. Dei skal du ikkje telja saman med dei andre israelittane!

<sup>50</sup> Men du skal setja levittane til å ha tilsyn med bustaden for vitnemålet, med alle tinga der og alt som høyrer til. Dei skal bera bustaden og alle tinga som er i han, og gjera teneste i bustaden, og dei skal slå leir kring han.

<sup>51</sup> Når bustaden skal flyttast, skal levittane ta han ned. Og når han skal reisast, skal levittane setja han opp. Om ein framand kjem nær han, skal han døy.

<sup>52</sup> Israelittane skal slå leir, hæravdeling for hæravdeling, kvar mann i sin leir og under sitt banner.

<sup>53</sup> Men levittane skal slå leir kring vitnemålsbustaden, så ikkje vreide skal koma over Israels forsamling. Levittane skal ha tilsyn med vitnemålsbustaden.

<sup>54</sup> Dette gjorde israelittane. Alt Herren hadde gjeve Moses påbod om, gjorde dei.

## 4. Mosebok 2

### Israels-hæren blir mønstra

<sup>1</sup> Herren tala til Moses og Aron:

<sup>2</sup> Israelittane skal slå leir, kvar under sitt banner og sitt familiemerke. Leiren skal liggja omkring teltheilagdomen og vera vend mot han.

<sup>3</sup> Juda med sitt banner skal slå leir på austsida, mot soloppgangen, hæravdeling for hæravdeling. Nahsjon, son til Amminadab, er leiar for Judasønene,

<sup>4</sup> og 74 600 er mønstra i hæravdelinga hans.

<sup>5</sup> Jissakar-stammen skal slå leir ved sida av. Netanel, son til Suar, er leiar for Jissakar-sønene,

<sup>6</sup> og 54 400 er mønstra i hæren hans.

<sup>7</sup> Så kjem Sebulon-stammen. Eliab, son til Helon, er leiar for Sebulon-sønene,

- <sup>8</sup>og 57 400 er mønstra i hæren hans.
- <sup>9</sup>Alle som er mønstra i Juda-leiren, er 186 400, hæravdeling for hæravdeling. Desse skal bryta opp først.
- <sup>10</sup>Ruben med sitt banner skal slå leir mot sør, hæravdeling for hæravdeling. Elisur, son til Sjede'ur, er leiar for Ruben-sønene,
- <sup>11</sup>og 46 500 er mønstra i hæren hans.
- <sup>12</sup>Simon-stammen skal slå leir ved sida av. Sjelumiel, son til Surisjaddai, er leiar for Simon-sønene,
- <sup>13</sup>og 59 300 er mønstra i hæren hans.
- <sup>14</sup>Så kjem Gad-stammen. Eljasaf, son til De'uel, er leiar for Gad-sønene,
- <sup>15</sup>og 45 650 er mønstra i hæren hans.
- <sup>16</sup>Dei som er mønstra i Ruben-leiren, er i alt 151 450, hæravdeling for hæravdeling. Desse skal bryta opp som nummer to.
- <sup>17</sup>Teltheilagdomen skal førast ut når levittleiren bryt opp; han er midt mellom dei andre leirane. Slik dei slår leir, skal dei bryta opp, kvar på sin plass og under sitt banner.
- <sup>18</sup>Efraim med sitt banner skal slå leir mot vest, hæravdeling for hæravdeling. Elisjama, son til Ammihud, er leiar for Efraim-sønene,
- <sup>19</sup>og 40 500 er mønstra i hæren hans.
- <sup>20</sup>Manasse-stammen skal slå leir ved sida av Efraim. Gamliel, son til Pedasur, er leiar for Manasse-sønene,
- <sup>21</sup>og 32 200 er mønstra i hæren hans.
- <sup>22</sup>Så kjem Benjamin-stammen. Abidan, son til Gidoni, er leiar for Benjamin-sønene,
- <sup>23</sup>og 35 400 er mønstra i hæren hans.
- <sup>24</sup>Dei som er mønstra i Efraim-leiren, er i alt 108 100, hæravdeling for hæravdeling. Desse skal bryta opp som nummer tre.

<sup>25</sup>Dan-stammen med sitt banner skal slå leir mot nord, hæravdeling for hæravdeling. Ahieser, son til Ammisjaddai, er leiar for Dan-sønene,

<sup>26</sup>og 62 700 er mønstra i hæren hans.

<sup>27</sup>Asjer-stammen skal slå leir ved sida av. Pagiël, son til Okran, er leiar for Asjer-sønene,

<sup>28</sup>og 41 500 er mønstra i hæren hans.

<sup>29</sup>Så kjem Naftali-stammen. Ahira, son til Enan, er leiar for Naftali-sønene,

<sup>30</sup>og 53 400 er mønstra i hæren hans.

<sup>31</sup>Dei som er mønstra i Dan-hæren, er i alt 157 600. Desse skal bryta opp til slutt under sine banner.

<sup>32</sup> Dette er dei israelittane som vart mønstra, familie for familie. Talet på dei som vart mønstra i leirane, hæravdeling for hæravdeling, var i alt 603 550.

<sup>33</sup>Men levittane vart ikkje mønstra saman med dei andre israelittane, for dette hadde Herren pålagt Moses.

<sup>34</sup>Israelittane gjorde altHerren hadde pålagt han. Slik slo dei leir under sine banner, og slik braut dei opp, kvar einskild med si slekt og sin familie.

#### **4. Mosebok 3**

##### **Levittane blir mønstra**

<sup>1</sup>Dette er slektshistoria til Aron og Moses, på den tida då Herren tala til Moses på Sinai-fjellet.

<sup>2</sup> Dette er namna på Aron-sønene: Nadab, den førstefødde, og Abihu, Elasar og Itamar.

<sup>3</sup> Det er namna på sønene Aron hadde, dei som var salva til prestar og vigde til å gjera presteteneste.

<sup>4</sup>Nadab og Abihu døydde for Herrens andlet då dei bar fram uvigsla eld for han i Sinai-ørkenen. Dei hadde ingen søner. Sidan gjorde Elasar og Itamar presteteneste under Aron, far sin.



<sup>5</sup>Herren sa til Moses:

<sup>6</sup>Lat Levi-stammen koma hit! Lat dei gå fram for Aron, presten, og tena han!

<sup>7</sup>Dei skal gjera teneste for han og heile forsamlinga framfor teltheilagdomen og utføra tenesta ved bustaden.

<sup>8</sup>Dei skal ta hand om alle tinga i teltheilagdomen og pliktene som israellittane har når dei gjer teneste ved bustaden.

<sup>9</sup>Du skal gje levittane over til Aron og sønene hans. Mellom israellittane skal desse vera heilt og fullt overgjevne til han.

<sup>10</sup>Aron og sønene hans skal du setja til å gjera presteneste. Kjem ein framand nær det heilage, skal han døy.

<sup>11</sup>Så sa Herren til Moses:

<sup>12</sup>Sjå, eg har teke ut levittane frå dei andre israellittane i staden for alle førstefødde i Israel, dei som opnar morslivet. Levittane skal høyra meg til.

<sup>13</sup>For alle førstefødde høyrer meg til. Den dagen eg slo i hel alle dei førstefødde i Egypt, helga eg alle dei førstefødde i Israel, både menneske og dyr. Dei er mine. Eg er Herren.

<sup>14</sup>Herren sa til Moses i Sinai-ørkenen:

<sup>15</sup>«Du skal mønstra levittane, familie for familie og slekt for slekt. Alle av hannkjønn som er ein månad eller meir, skal du mønstra.»

<sup>16</sup>Og Moses mønstra dei på Herrens ord, slik han var pålagd.

<sup>17</sup>Dette er namna på sønene til Levi: Gersjon, Kehat og Merari.

<sup>18</sup>Dette er namna på sønene til Gersjon og slektene deira: Libni og Sjimi,

<sup>19</sup>og sønene til Kehat og slektene deira: Amram, Jishar, Hebron og Ussiel,

<sup>20</sup>og sønene til Merari og slektene deira: Mahli og Musji. Dette er Levi-slektene og familiane deira.

<sup>21</sup>Til Gersjon høyrde slektene til Libni og Sjimi. Det er slektene til Gersjon-sønene.

- <sup>22</sup>Dei som vart mønstra frå desse slektene, var 7500 i talet. Alle av hannkjønn som var ein månad eller meir, vart mønstra.
- <sup>23</sup>Slektene til Gersjon-sønene slo leir bak bustaden, mot vest.
- <sup>24</sup>Leiaren for familien deira var Eljasaf, son til Lael.
- <sup>25</sup> Gersjon-sønene skulle ta seg av teltheilagdomen, sjølve bustaden og teltet, taket på det og forhenget framfor opninga til teltheilagdomen,
- <sup>26</sup>omhenget rundt føregarden som låg kring bustaden og altaret, forhenget framfor opninga inn til føregarden, snorene og alt arbeidet med dette.
- <sup>27</sup>Til Kehat hørde slekta til Amram-sønene, slekta til Jishar-sønene, slekta til Hebron-sønene og slekta til Ussiel-sønene. Det er slektene til Kehat-sønene.
- <sup>28</sup>Då alle av hannkjønn som var ein månad eller meir, var talde, var det 8600 mann som skulle utføra oppgåvene ved heilagdomen.
- <sup>29</sup>Slektene til Kehat-sønene slo leir på sørsida av bustaden.
- <sup>30</sup> Leiaren for familien deira var Elisafan, son til Ussiel.
- <sup>31</sup> Dei hadde ansvaret for paktkista, bordet, lysestaken, altara, tinga som dei nytta ved tenesta i heilagdomen, og forhenget og alt arbeidet med dette.
- <sup>32</sup>Den øvste leiaren for levittane var Elasar, son til Aron, presten. Han hadde tilsyn med dei som gjorde teneste ved heilagdomen.
- <sup>33</sup>Til Merari hørde Mahli-slekta og Musji-slekta. Det er Merari-slektene.
- <sup>34</sup>Talet på dei som vart mønstra, alle av hannkjønn som var ein månad eller meir, var 6200.
- <sup>35</sup>Leiaren for farshuset til Merari-slektene var Suriel, son til Abihajil. Dei slo leir på nordsida av bustaden.
- <sup>36</sup>Merari-sønene hadde ansvar for å ta seg av plankane i bustaden, tverrstengene, stolpane og soklane, alle tinga der og alt arbeidet med dette,
- <sup>37</sup>dessutan stolpane kring føregarden med soklane, pluggane og snorene som hørde til.

<sup>38</sup>Moses og Aron og sønene hans slo leir framfor bustaden, framfor teltheilagdomen, mot soloppgangen i aust. Det var dei som utførte oppgåver for israelittane ved heilagdomen. Om ein uvigsla kjem nær, skal han døy.

<sup>39</sup>Talet på levittane som Moses og Aron mønstra på Herrens ord, slekt for slekt, alle av hannkjønn som var ein månad eller meir, var 22 000.

### **Levittane og dei førstefødde**

<sup>40</sup>Herren sa til Moses: Du skal mønstra dei førstefødde i Israel, alle av hannkjønn som er ein månad eller meir, og skriva dei inn i manntalet.

<sup>41</sup>Du skal ta ut levittane. Dei er mine. Eg er Herren. Du skal ta dei ut i staden for alle dei førstefødde mellom israelittane, og feet til levittane i staden for alt det førstefødde blant feet til israelittane.

<sup>42</sup>Då mønstra Moses alle førstefødde mellom israelittane, slik Herren hadde pålagt han.

<sup>43</sup>Talet på alle førstefødde som vart mønstra og innskrivne i manntalet, alle av hannkjønn som var ein månad eller meir, var 22 273.

<sup>44</sup>Så sa Herren til Moses:

<sup>45</sup>Ta levittane i staden for alle dei førstefødde mellom israelittane, og husdyra til levittane i staden for husdyra deira. Levittane er mine. Eg er Herren.

<sup>46</sup>Men som løysepengar for dei 273 førstefødde mellom israelittane som går ut over talet på levittar,

<sup>47</sup>skal du ta fem sjekel for kvar. Ein sjekel er tjue gera etter vekta som blir brukt i heilagdomen.

<sup>48</sup>Gjev pengane til Aron og sønene hans som løysepengar for dei som er overskytande mellom dei.

<sup>49</sup>Moses tok imot løysepengane for dei som var fleire enn talet på dei som var løyste ut med levittane.

<sup>50</sup>Frå dei førstefødde mellom israelittane fekk han pengane, 1365 sjekel etter den vekta som blir brukt i heilagdomen.

<sup>51</sup>Og Moses gav løysepengane til Aron og sønene hans på Herrens ord, slik Herren hadde pålagt Moses.

#### 4. Mosebok 4

##### Arbeidet til levittane ved teltheilagdomen

<sup>1</sup>Herren sa til Moses og Aron:

<sup>2</sup>Tel opp Kehat-sønene, som høyrer til levittane, slekt for slekt og familie for familie,

<sup>3</sup> alle menn som er mellom tretti og femti år, alle som skal gjera pliktteneste og utføra arbeid ved teltheilagdomen.

<sup>4</sup> Dette er tenesta til Kehat-sønene ved teltheilagdomen: Dei skal ta seg av det høgheilage.

<sup>5</sup> Når leiren skal bryta opp, skal Aron og sønene hans koma og ta ned det forhenget som skjermar, og breia det over kista med vitnemålet.

<sup>6</sup> Dei skal leggja ein duk av fint skinn på kista og deretter breia over henne eit klede som er av fiolett purpur heilt igjennom. Så skal dei setja berestengene i.

<sup>7</sup> Over bordet med skodebrød skal dei breia eit klede i fiolett purpur, og på det skal dei setja fata, skålene, krukkene og kannene for drikkofferet. Også brødet som alltid ligg framme, skal vera der.

<sup>8</sup> Og over alt dette skal dei breia eit karmosinraudt klede. Så skal dei dekkja det med eit teppe av fint skinn og setja berestengene i.

<sup>9</sup> Dei skal ta eit klede av fiolett purpur og breia over lysestaken og lampene som er på han, tengene, pannene og alle oljekrukkene som dei bruker når dei steller staken.

<sup>10</sup> Dei skal leggja staken og alle tinga som høyrer til, i eit teppe av fint skinn og setja det på ei bære.

<sup>11</sup> Over det gullkledde altaret skal dei breia eit klede av fiolett purpur. Så skal dei dekkja det med eit teppe av fint skinn og setja berestengene i.

<sup>12</sup>Alle tinga som dei bruker når dei gjer teneste i heilagdomen, skal dei ta og leggja i eit klede av fiolett purpur. Så skal dei dekkja dei med eit teppe av fint skinn og setja dei på ei bære.

<sup>13</sup> Dei skal ta bort den feite oska frå altaret og breia eit purpurraudt klede over det.

<sup>14</sup>Oppå det skal dei leggja alle tinga som dei bruker når dei gjer altarteneste: glopannene, kjøtgaflane, eldskuffene og offerskålene, alle tinga som høyrer altaret til. Så skal dei breia ein duk av fint skinn over det og setja berestengene i.

<sup>15</sup> Når Aron og sønene hans er ferdige med å breia over heilagdomen og alle tinga der, skal leiren brytast. Då skal Kehat-sønene koma og bera. Men dei må ikkje røra ved det heilage. Gjer dei det, skal dei døy. Dette er det Kehat-sønene skal bera av det som høyrer teltheilagdomen til.

<sup>16</sup>Elasar, son til Aron, presten, har ansvaret for lampeoljen, den velluktande røykjelsen, det daglege grødeofferet og salvingsoljen. Han skal ha ansvar for heile bustaden og alt som er i han, både heilagdomen og tinga der.

<sup>17</sup>Herren sa til Moses og Aron:

<sup>18</sup>De må ikkje la Kehats slektsgrein bli skoren bort frå stammen til levittane!

<sup>19</sup>For at dei skal berga livet og ikkje døy når dei kjem nær det høgheilage, skal de gjera slik med dei: Aron og sønene hans skal gå og seia til kvar einskild av dei kva dei skal gjera, og kva dei skal bera.

<sup>20</sup> Men Kehat-sønene må ikkje gå inn og sjå det heilage, ikkje så mykje som ein augneblink. For då skal dei døy.

<sup>21</sup>Herren sa til Moses:

<sup>22</sup>Gersjon-sønene skal du òg telja opp, familie for familie og slekt for slekt.

<sup>23</sup>Alle menn som er mellom tretti og femti år, skal du mønstra, alle som kan gjera pliktteneste. Dei skal arbeida ved teltheilagdomen.

<sup>24</sup>Dette er det Gersjon-slektene har til oppgåve å gjera og bera:

<sup>25</sup>Dei skal bera teltdukane som høyrer bustaden til, dei som dekkjer teltheilagdomen: teppet av fint skinn som ligg over han, og forhenget framfor opninga til teltheilagdomen,

<sup>26</sup>dessutan omhenget rundt føregarden og forhenget framfor porten til føregarden som er kring bustaden og altaret, og snorene og alle tinga som dei treng til arbeidet. Dei skal gjera alt arbeidet med dette.

<sup>27</sup>Det arbeidet Gersjon-sønene utfører, alt dei skal bera og alt dei skal gjera, skal skje etter påbod frå Aron og sønene hans. De må sjå til at dei tek ansvar for alt det dei skal bera.

<sup>28</sup>Dette er det arbeidet Gersjon-slektene har å gjera ved teltheilagdomen. Itamar, son til Aron, presten, skal ha tilsyn med tenesta deira.

<sup>29</sup>Så skal du mønstra Merari-sønene, slekt for slekt og familie for familie.

<sup>30</sup>Alle menn som er mellom tretti og femti år, skal du mønstra, alle som kan gjera plikttjeneste. Dei skal gjera arbeidet med teltheilagdomen.

<sup>31</sup>Og dette er det dei har ansvar for å bera når dei arbeider med teltheilagdomen: plankane i bustaden, tverrstenger, stolpar og fotstykke,

<sup>32</sup>og stolpane rundt føregarden med fotstykke, pluggar og snorer, alle tinga og alt dei treng til arbeidet. De skal setja opp ei liste og namngje kvar ting som dei har ansvaret for å bera.

<sup>33</sup>Dette er det arbeidet Merari-slektene har å gjera ved teltheilagdomen. Og Itamar, son til Aron, presten, skal ha tilsyn med det.

<sup>34</sup>Moses og Aron og leiarane for forsamlinga mønstra så Kehat-sønene, slekt for slekt og familie for familie,

<sup>35</sup>alle menn mellom tretti og femti år som kunne gjera plikttjeneste ved teltheilagdomen.

<sup>36</sup>Talet på dei som vart mønstra, slekt for slekt, var 2750.

<sup>37</sup>Dette er dei av Kehat-slektene som vart mønstra, alle som skulle gjera arbeid ved teltheilagdomen, og som Moses og Aron mønstra på Herrens ord gjennom Moses.

<sup>38</sup>Så vart Gersjon-sønene mønstra, slekt for slekt og familie for familie.

<sup>39</sup>Alle menn mellom tretti og femti år som kunne gjera plikttjeneste, skulle utføra arbeid ved teltheilagdomen.

<sup>40</sup>Talet på dei som vart mønstra, slekt for slekt og familie for familie, var 2630.

<sup>41</sup>Dette er dei av Gersjon-slektene som vart mønstra, alle som gjorde arbeid ved teltheilagdomen, og som Moses og Aron mønstra på Herrens ord.

<sup>42</sup>Så vart Merari-sønene og slektene deira mønstra, slekt for slekt og familie for familie.

<sup>43</sup>Alle menn mellom tretti og femti år som kunne gjera plikttjeneste, skulle utføra arbeid ved teltheilagdomen.

<sup>44</sup>Talet på dei som vart mønstra, slekt for slekt, var 3200.

<sup>45</sup>Dette er dei av Merari-slektene som vart mønstra, dei som Moses og Aron mønstra på Herrens ord gjennom Moses.

<sup>46</sup>No hadde Moses og Aron og Israels leiarar mønstra levittane, slekt for slekt og familie for familie,

<sup>47</sup>alle menn mellom tretti og femti år, alle som skulle gå inn i tenesta, og alle som skulle arbeida ved teltheilagdomen og bera det som høyrer til.

<sup>48</sup>Og talet på dei som vart mønstra, var 8580.

<sup>49</sup>Dei vart mønstra av Moses på Herrens ord, kvar einskild til det han skulle gjera og bera. Dei vart mønstra slik Herren hadde pålagt Moses.

## 4. Mosebok 5

### Ureinskap og urett vinning

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>«Du skal påleggja israelittane å senda bort frå leiren alle med hudsjukdom, alle med utflod og alle som er ureine etter å ha rørt ved lik.

<sup>3</sup>Både menn og kvinner skal de senda bort. Lat dei gå utanfor leiren så dei ikkje gjer leiren urein, der eg bur midt imellom israelittane.»

<sup>4</sup>Folket gjorde som Herren sa. Dei sende dei ureine ut av leiren. Som Herren sa til Moses, slik gjorde israelittane.

<sup>5</sup>Herren sa til Moses:

<sup>6</sup>Sei til israelittane: Når ein mann eller ei kvinne gjer ei synd mot eit anna menneske og såleis er trulaus mot Herren og fører skuld over seg,

<sup>7</sup>då skal dei vedkjenna synda dei har gjort. Så skal dei gje fullt vederlag for ugjeringa og ein femtedel i tillegg til den dei har gjort urett mot.

<sup>8</sup>Men dersom den andre ikkje har nokon løysingsmann som kan ta imot vederlaget, skal det gjevast til Herren og høyra presten til, saman med soningsvêren som han ofrar til soning for syndaren.

<sup>9</sup>Kvar avgift og alle heilage gåver som israelittane kjem til presten med, skal vera hans.

<sup>10</sup>Alle heilage gåver skal vera hans. Alt nokon gjev til presten, skal vera hans.

### **Lova om sjalusi**

<sup>11</sup>Herren sa til Moses:

<sup>12</sup>Tal til israelittane og sei til dei: Set at ei kvinne kjem på avveggar og er utru mot mannen sin,

<sup>13</sup>og ein annan mann har samleie med henne. Men mannen hennar veit ikkje om det, for ho har gjort seg urein i det skjulte. Det er ikkje vitne, og ho blir ikkje teken på fersk gjerning.

<sup>14</sup>Men så kjem det sjalusi over mannen, og han får mistanke om at kona hans har gjort seg urein. Det kan òg henda at det kjem sjalusi over mannen så han mistrur kona si endå ho ikkje har gjort seg urein.



<sup>15</sup>Då skal mannen ta kona si med seg til presten og bera fram offer for henne, ein tiandedels efa byggmjøl. Han skal ikkje slå olje over det og ikkje leggja røykjelse på. For det er eit matoffer for sjalusi og eit påminningsoffer om synd.

<sup>16</sup>Presten skal føra kvinna fram og stilla henne framfor Herrens andlet.

<sup>17</sup> Så skal han henta heilagt vatn i ei leirskål og ta noko av støvet som er på golvet i bustaden, og ha det oppi vatnet.

<sup>18</sup>Når presten har stilt kvinna fram for Herrens andlet, skal han løysa håret hennar og leggja påminningsofferet i hendene hennar; det er eit grødeoffer for sjalusi. I si eiga hand skal presten halda det beiske forbanningsvatnet.

<sup>19</sup>Så skal presten ta kvinna i eid og seia til henne: «Så sant ingen mann har lege med deg, så sant du ikkje har kome på avvegjar og gjort deg urein for mannen din, skal du vera fri frå dette beiske forbanningsvatnet.

<sup>20</sup>Men har du kome på avvegjar frå mannen din og gjort deg urein, og har ein annan enn mannen din lege med deg»

<sup>21</sup> – og no skal presten ta kvinna i eid med forbanningseiden og seia til henne: «må Herren gjera deg til eit teikn på forbanning midt blant folket ditt, må Herren la underlivet ditt falla ned og morslivet svella opp.

<sup>22</sup>Må forbanningsvatnet koma ned i involane dine, så morslivet svell opp og underlivet fell ned.» Og kvinna skal seia: «Amen, amen.»

<sup>23</sup>Desse forbanningseidane skal presten skriva opp på eit blad og vaska dei av i det beiske vatnet.

<sup>24</sup>Og han skal la kvinna drikka av det beiske forbanningsvatnet så det kan koma inn i henne og gje beisk smerte.

<sup>25</sup>Så skal presten ta grødeofferet for sjalusi ut or handa på kvinna, svinga det for Herrens andlet og bera det fram til altaret.

<sup>26</sup>Og han skal ta ein neve av påminningsofferet og brenna det på altaret. Deretter skal han la kvinna drikka av vatnet.

<sup>27</sup>Når ho drikk av vatnet, og dersom ho er urein og har vore utru mot mannen sin, då skal forbanningsvatnet valda beisk smerte når det kjem ned i henne. Morlivet hennar skal svella opp og underlivet falla ned, og ho skal vera ei forbanning mellom folket sitt.

<sup>28</sup>Men dersom kvinna ikkje har gjort seg urein, men er rein, då skal ho vera uskadd og framleis kunna få born.

<sup>29</sup>Dette er lova om sjalusi: Når ei kvinne kjem på avveg og gjer seg urein,

<sup>30</sup>eller når sjalusi kjem over ein mann og han blir sjalu på kona si, då skal han stilla kvinna fram for Herrens andlet, og presten skal gjera med henne alt det som står i denne lova.

<sup>31</sup>Mannen skal vera fri for skuld, men kvinna skal bera den skulda ho sjølv har ført over seg.

#### 4. Mosebok 6

##### Nasirearlova

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>Tal til israelittane og sei til dei: Om nokon, mann eller kvinne, høgtideleg gjer ein nasirearlovnad og vier seg til Herren,

<sup>3</sup>skal han halda seg borte frå vin og sterk drikk. Han skal ikkje drikka eddik som er laga av vin eller av sterk drikk. Han skal heller ikkje drikka noka saft som er laga av druer, og ikkje eta druer, anten dei er friske eller tørka.

<sup>4</sup>Så lenge han er nasirear, skal han ikkje eta noko som kjem frå vinstokken, ikkje eingong druekjernar eller skal.

<sup>5</sup>Så lenge nasirearlovnaden gjeld, må det ikkje koma rakekniv på hovudet hans. Heilt til dagane han er vigd til Herren, er over, skal han vera heilag. Han skal la håret på hovudet veksa og hanga fritt.

<sup>6</sup>Så lenge han er vigd til Herren, må han ikkje koma nær lik.

<sup>7</sup>Om far eller mor, bror eller syster døyr, må han ikkje gjera seg urein for deira skuld. For hovudet hans ber teiknet på at han er vigd til sin Gud.

<sup>8</sup>Så lenge han er nasirear, er han heilag for Herren.

<sup>9</sup>Men dersom nokon døyr brått og uventa heilt inntil han, så hovudet hans blir ureint medan det er innvigd, skal han barbera hovudet den dagen han blir rein. Den sjuande dagen skal han barbera det.

<sup>10</sup>Den åttande dagen skal han bera to turtelduer eller to dueungar til presten ved opninga til teltheilagdomen.

<sup>11</sup>Den eine skal presten ofra som syndoffer og den andre som brennoffer og slik gjera soning for han, for lovbrottet som skjedde då han kom nær liket. Same dagen skal han helga hovudet sitt på nytt.

<sup>12</sup>Han skal via seg til Herren for like lang tid som han først hadde lova, og bera fram eit årsgammalt lam som skuldoffer. Den første tida fell bort fordi hovudet hans vart ureint medan det var innvigd.

<sup>13</sup>Dette er lova for nasirearen: Den dagen nasireartida hans er over, skal han førast fram for opninga til teltheilagdomen.

<sup>14</sup>Han skal bera fram offeret sitt for Herren: eit årsgammalt vêrlam utan feil som brennoffer, eit årsgammalt, feilfritt holam som syndoffer og ein feilfri vêr som fredsoffer,

<sup>15</sup>ei korg med usyra brød av fint mjøl, forma som kaker med olje i og usyra kjekskaker smurde med olje, dessutan grødeofferet og drikkoffera som høyrer til.

<sup>16</sup>Dette skal presten bera fram for Herren. Han skal ofra det som syndoffer og brennoffer for mannen.

<sup>17</sup>Vêren skal han laga til som fredsoffer for Herren saman med korga med dei usyra brøda. Presten skal bera fram grødeofferet og drikkofferet hans.

<sup>18</sup> Så skal nasirearen barbera det vigde hovudet sitt ved opninga til teltheilagdomen. Han skal ta håret som var vigd, og leggja det på elden som er under fredsofferet.

<sup>19</sup>Presten skal ta den kokte bogen av vêren, ei usyra kake frå korga og ei usyra kjekskake og leggja det i hendene på nasirearen etter at han har barbert av seg det vigde håret.

<sup>20</sup> Dette skal presten svinga for Herrens andlet som eit svingeoffer. Det er helga til presten saman med brystet som blir svinga og låret som blir gjeve i avgift. Sidan kan nasirearen drikka vin.

<sup>21</sup> Dette er lova om nasirearen. Den som gjev lovnad om eit offer til Herren av det han har råd til, i tillegg til det vigslinga hans krev, må gjera som han har lova. Dette kjem i tillegg til lova om vigslinga hans.

### **Herrens velsigning**

<sup>22</sup> Herren sa til Moses:

<sup>23</sup> Tal til Aron og sønene hans og sei: Slik skal de velsigna israellittane. De skal seia til dei:

<sup>24</sup> Herren velsigne deg og vare deg!

<sup>25</sup> Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig!

<sup>26</sup> Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred!

<sup>27</sup> Dei skal setja mitt namn på israellittane, og eg vil velsigna dei.

## **4. Mosebok 7**

### **Gåver frå leiarane**

<sup>1</sup> Då Moses var ferdig med å reisa bustaden, salva og helga han bustaden og alle tinga som høyrde til. Altaret og tinga som høyrde til det, salva og helga han.

<sup>2</sup> Då kom leiarane i Israel fram, dei som var overhovud for familiane og leiarar for stammane, dei som stod over alle som var mønstra.

<sup>3</sup> Dei førte offera sine fram for Herren: seks vogner med tak og tolv oksar, ei vogn for to leiarar og ein okse for kvar av dei. Desse førte dei fram til bustaden.

<sup>4</sup> Herren sa til Moses:

<sup>5</sup>«Ta imot desse! Dei skal brukast til arbeidet ved teltheilagdomen. Gjev dei til levittane, til kvar einskild etter det arbeidet han har.»

<sup>6</sup>Moses tok vognene og oksane og gav dei til levittane.

<sup>7</sup>Han gav Gersjon-sønene to vogner og fire oksar, etter det arbeidet dei hadde.

<sup>8</sup>Han gav Merari-sønene fire vogner og åtte oksar, etter det arbeidet dei hadde hos Itamar, son til Aron, presten.

<sup>9</sup>Han gav ikkje noko til Kehat-sønene, for dei skulle ta vare på det heilage og bera det på akslene.

<sup>10</sup>Leiarane kom med offer til vigslinga av altaret då det vart salva, og bar offera sine fram til altaret.

<sup>11</sup>Då sa Herren til Moses: «Leiarane skal koma kvar sin dag og ofra offera sine til vigslinga av altaret.»

<sup>12</sup>Den som bar fram offeret sitt første dagen, var Nahsjon, son til Amminadab, frå Juda-stammen.

<sup>13</sup>Offeret hans var eit sølvfat som vog 130 sjekel, og ei sølvskål på 70 sjekel etter vekta i heilagdomen, begge fulle av kveitemjøl blanda med olje til grødeoffer,

<sup>14</sup>ei gullskål på 10 sjekel, full av røykjelse,

<sup>15</sup>ein ung okse frå flokken, ein vêr og eit årsgammalt vêrlam til brennoffer,

<sup>16</sup>ein geitebukk til syndoffer

<sup>17</sup>og til fredsoffer to oksar, fem vêrar, fem bukkar og fem årsgamle vêrlam. Det var offeret frå Nahsjon, son til Amminadab.

<sup>18</sup>Andre dagen kom Netanel, son til Suar, leiaren for Jissakar.

<sup>19</sup>Han bar fram offeret sitt: eit sølvfat som vog 130 sjekel, ei sølvskål på 70 sjekel etter vekta i heilagdomen, begge fulle av kveitemjøl blanda med olje til grødeoffer,

<sup>20</sup>ei gullskål på 10 sjekel, full av røykjelse,

- <sup>21</sup>ein ung okse frå flokken, ein vêr og eit årsgammalt vêrlam til brennoffer,
- <sup>22</sup>ein geitebukk til syndoffer
- <sup>23</sup>og til fredsoffer to oksar, fem vêrar, fem bukkar og fem årsgamle vêrlam. Det var offeret frå Netanel, son til Suar.
- <sup>24</sup>Tredje dagen kom leiaren for Sebulon-sønene, Eliab, son til Helon.
- <sup>25</sup>Offeret hans var eit sølvfat som vog 130 sjekel, ei sølvskål på 70 sjekel etter vekta i heilagdomen, begge fulle av kveitemjøl blanda med olje til grødeoffer,
- <sup>26</sup>ei gullskål på 10 sjekel, full av røykjelse,
- <sup>27</sup>ein ung okse frå flokken, ein vêr og eit årsgammalt vêrlam til brennoffer,
- <sup>28</sup>ein geitebukk til syndoffer
- <sup>29</sup>og til fredsoffer to oksar, fem vêrar, fem bukkar og fem årsgamle vêrlam. Det var offeret frå Eliab, son til Helon.
- <sup>30</sup>Fjerde dagen kom leiaren for Ruben-sønene, Elisur, son til Sjede'ur.
- <sup>31</sup>Offeret hans var eit sølvfat som vog 130 sjekel, ei sølvskål på 70 sjekel etter vekta i heilagdomen, begge fulle av kveitemjøl blanda med olje til grødeoffer,
- <sup>32</sup>ei gullskål på 10 sjekel, full av røykjelse,
- <sup>33</sup>ein ung okse frå flokken, ein vêr og eit årsgammalt vêrlam til brennoffer,
- <sup>34</sup>ein geitebukk til syndoffer
- <sup>35</sup>og til fredsoffer to oksar, fem vêrar, fem bukkar og fem årsgamle vêrlam. Det var offeret frå Elisur, son til Sjede'ur.
- <sup>36</sup>Femte dagen kom leiaren for Simon-sønene, Sjelumiel, son til Surisjaddai.
- <sup>37</sup>Offeret hans var eit sølvfat som vog 130 sjekel, ei sølvskål på 70 sjekel etter vekta i heilagdomen, begge fulle av kveitemjøl blanda med olje til grødeoffer,
- <sup>38</sup>ei gullskål på 10 sjekel, full av røykjelse,
- <sup>39</sup>ein ung okse frå flokken, ein vêr og eit årsgammalt vêrlam til brennoffer,
- <sup>40</sup>ein geitebukk til syndoffer

<sup>41</sup>og til fredsoffer to oksar, fem vêrar, fem bukkar og fem årsgamle vêrlam. Det var offeret frå Sjelumiel, son til Surisjaddai.

<sup>42</sup>Sjette dagen kom leiaren for Gad-sønene, Eljasaf, son til De'uel.

<sup>43</sup>Offeret hans var eit sølvfat som vog 130 sjekel, ei sølvskål på 70 sjekel etter vekta i heilagdomen, begge fulle av kveitemjøl blanda med olje til grødeoffer,

<sup>44</sup>ei gullskål på 10 sjekel, full av røykjelse,

<sup>45</sup>ein ung okse frå flokken, ein vêr og eit årsgammalt vêrlam til brennoffer,

<sup>46</sup>ein geitebukk til syndoffer

<sup>47</sup>og til fredsoffer to oksar, fem vêrar, fem bukkar og fem årsgamle vêrlam. Det var offeret frå Eljasaf, son til De'uel.

<sup>48</sup>Sjuande dagen kom leiaren for Efraim-sønene, Elisjama, son til Ammihud.

<sup>49</sup>Offeret hans var eit sølvfat som vog 130 sjekel, ei sølvskål på 70 sjekel etter vekta i heilagdomen, begge fulle av kveitemjøl blanda med olje til grødeoffer,

<sup>50</sup>ei gullskål på 10 sjekel, full av røykjelse,

<sup>51</sup>ein ung okse frå flokken, ein vêr og eit årsgammalt vêrlam til brennoffer,

<sup>52</sup>ein geitebukk til syndoffer

<sup>53</sup>og til fredsoffer to oksar, fem vêrar, fem bukkar og fem årsgamle vêrlam. Det var offeret frå Elisjama, son til Ammihud.

<sup>54</sup>Åttande dagen kom leiaren for Manasse-sønene, Gamliel, son til Pedasur.

<sup>55</sup>Offeret hans var eit sølvfat som vog 130 sjekel, ei sølvskål på 70 sjekel etter vekta i heilagdomen, begge fulle av kveitemjøl blanda med olje til grødeoffer,

<sup>56</sup>ei gullskål på 10 sjekel, full av røykjelse,

<sup>57</sup>ein ung okse frå flokken, ein vêr og eit årsgammalt vêrlam til brennoffer,

<sup>58</sup>ein geitebukk til syndoffer

<sup>59</sup>og til fredsoffer to oksar, fem vêrar, fem bukkar og fem årsgamle vêrlam. Det var offeret frå Gamliel, son til Pedasur.

<sup>60</sup>Niande dagen kom leiaren for Benjamin-sønene, Abidan, son til Gidoni.

<sup>61</sup>Offeret hans var eit sølvfat som vog 130 sjekel, ei sølvskål på 70 sjekel etter vekta i heilagdomen, begge fulle av kveitemjøl blanda med olje til grødeoffer,

<sup>62</sup>ei gullskål på 10 sjekel, full av røykjelse,

<sup>63</sup>ein ung okse frå flokken, ein vêr og eit årsgammalt vêrlam til brennoffer,

<sup>64</sup>ein geitebukk til syndoffer

<sup>65</sup>og til fredsoffer to oksar, fem vêrar, fem bukkar og fem årsgamle vêrlam. Det var offeret frå Abidan, son til Gidoni.

<sup>66</sup>Tiande dagen kom leiaren for Dan-sønene, Ahieser, son til Ammisjaddai.

<sup>67</sup>Offeret hans var eit sølvfat som vog 130 sjekel, ei sølvskål på 70 sjekel etter vekta i heilagdomen, begge fulle av kveitemjøl blanda med olje til grødeoffer,

<sup>68</sup>ei gullskål på 10 sjekel, full av røykjelse,

<sup>69</sup>ein ung okse frå flokken, ein vêr og eit årsgammalt vêrlam til brennoffer,

<sup>70</sup>ein geitebukk til syndoffer

<sup>71</sup>og til fredsoffer to oksar, fem vêrar, fem bukkar og fem årsgamle vêrlam. Det var offeret frå Ahieser, son til Ammisjaddai.

<sup>72</sup>Elleve dagen kom leiaren for Asjer-sønene, Pagiël, son til Okran.

<sup>73</sup>Offeret hans var eit sølvfat som vog 130 sjekel, ei sølvskål på 70 sjekel etter vekta i heilagdomen, begge fulle av kveitemjøl blanda med olje til grødeoffer,

<sup>74</sup>ei gullskål på 10 sjekel, full av røykjelse,

<sup>75</sup>ein ung okse frå flokken, ein vêr og eit årsgammalt vêrlam til brennoffer,

<sup>76</sup>ein geitebukk til syndoffer

<sup>77</sup>og til fredsoffer to oksar, fem vêrar, fem bukkar og fem årsgamle vêrlam. Det var offeret frå Pagiël, son til Okran.

<sup>78</sup>Tolvte dagen kom leiaren for Naftali-sønene, Ahira, son til Enan.



<sup>79</sup>Offeret hans var eit sølvfat som vog 130 sjekel, ei sølvskål på 70 sjekel etter vekta i heilagdomen, begge fulle av kveitemjøl blanda med olje til grødeoffer,

<sup>80</sup>ei gullskål på 10 sjekel, full av røykjelse,

<sup>81</sup>ein ung okse frå flokken, ein vêr og eit årsgammalt vêrlam til brennoffer,

<sup>82</sup>ein geitebukk til syndoffer

<sup>83</sup>og til fredsoffer to oksar, fem vêrar, fem bukkar og fem årsgamle vêrlam. Det var offeret frå Ahira, son til Enan.

<sup>84</sup>Dette var gåvene frå leiarane i Israel til vigslinga av altaret, den dagen det vart salva: tolv sølvfat, tolv sølvskåler og tolv gullskåler.

<sup>85</sup> Kwart sølvfat var på 130 sjekel og kvar sølvskål på 70 sjekel. Alt sølvet i kara vog til saman 2400 sjekel etter vekta i heilagdomen.

<sup>86</sup> Dei tolv gullskålene som var fulle av røykjelse, vog 10 sjekel kvar etter vekta i heilagdomen. Til saman vog gullet i skålene 120 sjekel.

<sup>87</sup>All buskapen som gjekk med til brennoffer, var 12 oksar, 12 vêrar og 12 årsgamle vêrlam med dei grødeoffera som hørde til, og 12 geitebukkar til syndoffer.

<sup>88</sup>All buskapen som gjekk med til fredsoffer, var 24 oksar, 60 vêrar, 60 bukkar og 60 årsgamle vêrlam. Det var gåvene som vart framborne då altaret vart salva og vigsla.

<sup>89</sup> Når Moses gjekk inn i teltheilagdomen og skulle snakka med han, hørde han røysta tala til seg frå soningsstaden over kista med vitnemålet, mellom dei to kjerubane. Der tala han til han.

## 4. Mosebok 8

### Vigslinga av levittane

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>«Tal til Aron og sei: Når du set opp lampene, skal dei sju lampene lysa opp rett framfor lysestaken.»

<sup>3</sup>Aron gjorde så. Han sette opp lampene slik at dei kasta lys rett framfor lysestaken, slik Herren hadde pålagt Moses.

<sup>4</sup>Slik var lysestaken laga: Han var av hamra gull. Frå foten til krona var han av hamra gull. Moses laga lysestaken etter det førebiletet Herren hadde synt han.

<sup>5</sup>Herren sa til Moses:

<sup>6</sup>Ta ut levittane frå dei andre israelittane og reins dei!

<sup>7</sup>Dette skal du gjera for å reinsa dei: Skvett reinsingsvatn på dei. Så skal dei raka seg over heile kroppen og vaska kleda sine. Slik skal dei reinsa seg.

<sup>8</sup>Dei skal ta ein ung okse og grødeofferet som høyrer til, kveitemjøl blanda med olje. Til syndoffer skal du ta ein annan ung okse.

<sup>9</sup>Så skal du la levittane koma fram til teltheilagdomen og kalla saman heile forsamlinga av israelittar.

<sup>10</sup>Levittane skal koma fram for Herren, og israelittane skal leggja hendene på levittane.

<sup>11</sup>For Herrens andlet skal Aron innvia levittane som eit svingeoffer frå israelittane, slik at dei kan gjera teneste for Herren.

<sup>12</sup>Levittane skal leggja hendene på hovudet til oksane. Så skal du ofra den eine oxen som syndoffer og den andre som brennoffer for Herren, for å gjera soning for levittane.

<sup>13</sup>Du skal stilla levittane framfor Aron og sønene hans og innvia dei som eit svingeoffer for Herren.

<sup>14</sup>Slik skal du skilja levittane ut frå dei andre israelittane, og dei skal høyra meg til.

<sup>15</sup>Sidan skal levittane koma og gjera teneste ved teltheilagdomen, etter at du har reinsa dei og vigd dei som eit svingeoffer.

<sup>16</sup> For dei er gjevne, heilt gjevne til meg og åtskilde frå dei andre israelittane. Eg har teke dei som mine eigne i staden for alle som opnar mors liv, alle førstefødde hos israelittane.

<sup>17</sup>For alt førstefødd blant israelittane, både av folk og av fe, høyrer meg til. Den dagen eg slo i hel alt førstefødd i Egypt, helga eg dei som mine.

<sup>18</sup>Men no har eg teke ut levittane i staden for alle dei førstefødde hos israelittane.

<sup>19</sup> Eg tok levittane ut frå dei andre israelittane og gav dei til Aron og sønene hans. Dei skal tena israelittane i teltheilagdomen og gjera soning for dei, så det ikkje skal koma ulukke over israelittane om dei kjem for nær heilagdomen.

<sup>20</sup>Moses og Aron og heile Israels forsamling gjorde dette med levittane. Alt som Herren hadde pålagt Moses når det gjaldt levittane, det gjorde israelittane med dei.

<sup>21</sup>Levittane reinsa seg og vaska kleda sine. Aron innvigde dei som eit svingeoffer til Herren og gjorde soning for dei, så dei vart reine.

<sup>22</sup>Etter dette kom levittane og gjorde si teneste ved teltheilagdomen under tilsyn av Aron og sønene hans. Alt som Herren hadde pålagt Moses når det gjaldt levittane, det gjorde dei med dei.

<sup>23</sup>Herren sa til Moses:

<sup>24</sup> Slik skal det vera med levittane: Frå dei er tjuefem år gamle, skal dei mønstrast til teneste i teltheilagdomen.

<sup>25</sup>Men når dei har fylt femti år, skal dei trekkja seg tilbake frå tenesta og ikkje arbeida lenger.

<sup>26</sup>Dei kan hjelpa brørne sine i teltheilagdomen med å utføra oppgåvene deira, men noko arbeid skal dei ikkje ha. Slik skal du gjera det med levittane og oppgåvene deira.

#### **4. Mosebok 9**

### Korleis israelittane skal halda påske

<sup>1</sup> Herren tala til Moses i Sinai-ørkenen i den første månaden i det andre året etter at dei hadde gått ut av landet Egypt. Han sa:

<sup>2</sup> «Israelittane skal halda påske til fastsett tid.

<sup>3</sup> Den fjortande dagen i denne månaden, i skumringa, skal de halda høgtida til fastsett tid. De skal halda henne etter alle lover og forskrifter.»

<sup>4</sup> Då sa Moses til israelittane at dei skulle halda påske.

<sup>5</sup> Dei heldt påske i Sinai-ørkenen, i den første månaden på den fjortande dagen, i skumringa. Israelittane gjorde alt slik som Herren hadde pålagt Moses.

<sup>6</sup> Det var nokre menn som hadde kome nær eit lik og vorte ureine, så dei ikkje kunne halda påske den dagen. Dei samla seg framfor Moses og Aron same dagen.

<sup>7</sup> Desse mennene sa: «Vi kom nær eit lik og vart ureine. Kvifor blir vi nekta å bera fram Herrens offer på høgtida saman med dei andre israelittane?»

<sup>8</sup> Då svara Moses: «Vent, så skal eg høyra kva Herren pålegg dykk.»

<sup>9</sup> Herren sa til Moses:

<sup>10</sup> Tal til israelittane og sei: Kvar den som kjem nær eit lik og blir urein, eller som er på ei lang reise, anten det er av dykk eller etterkomarane dykkar, og som ønskjer å halda påske for Herren,

<sup>11</sup> skal halda han i den andre månaden, på den fjortande dagen. Med usyra brød og bitre urter skal dei eta påskelammet.

<sup>12</sup> Dei må ikkje la noko av lammet bli att til neste morgon eller bryta noko bein på det. Dei skal halda påske i samsvar med forskriftene.

<sup>13</sup> Om ein mann som er rein og ikkje er på reise, lèt vera å halda påske, skal han utryddast av folket sitt fordi han ikkje bar fram Herrens offer på høgtida. Den mannen må bera straffa for si synd.

**14** Når ein innflyttar som bur hos dykk, vil halda påske for Herren, skal han feira i samsvar med dei lovene og forskriftene som gjeld for høgtida. Ei og same ordning skal gjelda for dykk, både for innflyttaren og for den som er fødd i landet.

### **Skya over bustaden**

**15** Den dagen bustaden vart reist, dekte skya bustaden, altså vitnemålsteltet. Om kvelden låg ho over bustaden og såg ut som eld, heilt til om morgonen.

**16**Slik var det alltid. Skya dekte teltet, og om natta såg det ut som eld.

**17**Kvar gong skya lyfte seg frå teltet, braut israelittane opp, og på den staden der skya stansa, slo dei leir.

**18**På Herrens ord braut israelittane opp, og på Herrens ord slo dei leir. Så lenge skya låg over bustaden, heldt dei seg i leiren.

**19**Når skya låg over bustaden i fleire dagar, heldt israelittane Herrens påbod. Dei braut ikkje opp.

**20**Det hende at skya låg nokre få dagar over bustaden. På Herrens ord heldt dei seg i leiren, og på Herrens ord braut dei opp.

**21**Det hende at skya låg frå kveld til morgon. Når skya lyfte seg om morgonen, braut israelittane opp. Anten det var dag eller natt, braut dei opp når skya lyfte seg.

**22**Anten skya låg over bustaden eit par dagar eller ein månad eller endå lenger, heldt israelittane seg i leiren og braut ikkje opp. Men når skya lyfte seg, braut dei opp.

**23**På Herrens ord slo dei leir, og på Herrens ord braut dei opp. På Herrens ord gjennom Moses heldt dei Herrens påbod.

## **4. Mosebok 10**

### **Trompetsignal og oppbrot**

**1**Herren sa til Moses:

- <sup>2</sup>Lag deg to trompetar! Du skal laga dei av hamra sølv. Du skal bruka dei når du kallar forsamlinga saman, og når leiren skal brytast.
- <sup>3</sup>Når dei blæs i dei, skal heile forsamlinga koma saman hos deg ved opninga til teltheilagdomen.
- <sup>4</sup>Blæs dei berre i den eine, skal leiarane, overhovuda for Israels tusen, samlast hos deg.
- <sup>5</sup>Når de blæs lange støytar, skal dei som har leir mot aust, bryta opp.
- <sup>6</sup>Når de blæs lange støytar andre gongen, skal dei som har leir mot sør, bryta opp. Lange støytar skal blåsast når dei skal bryta opp.
- <sup>7</sup>Når de kallar forsamlinga saman, skal de gje signal, men ikkje blåsa lange støytar.
- <sup>8</sup>Det er Aron-sønene, prestane, som skal blåsa i trompetane. Dette skal vera ei evig ordning for dykk, frå slekt til slekt.
- <sup>9</sup>Når de dreg i krig i dykkar eige land mot ein fiende som går til åtak på dykk, skal de blåsa lange støytar på trompetane. Då skal Herren dykkar Gud minnast dykk, så de blir berga frå fiendane.
- <sup>10</sup> På glededagane og i høgtidene og på nymånedagane dykkar skal de blåsa i trompetane når de ber fram brennoffer og fredsoffer. Det skal vera ei påminning om dykk hos dykkar Gud. Eg er Herren dykkar Gud.

### **Israelittane tek ut frå Sinai**

- <sup>11</sup>I det andre året, på den tjuande dagen i den andre månaden, lyfte skya seg frå vitnemålsbustaden.
- <sup>12</sup> Då braut israelittane opp frå Sinai-ørkenen og drog fram i dagsmarsjar. Og skya stansa i Paran-ørkenen.
- <sup>13</sup>Dette var første gongen dei braut opp på Herrens ord gjennom Moses.
- <sup>14</sup>Leiren til Juda-sønene braut først opp under sitt banner, hæravdeling for hæravdeling. Hærføraren var Nahsjon, son til Amminadab.
- <sup>15</sup>Hærføraren for Jissakar-stammen var Netanel, son til Suar.

- <sup>16</sup>Hærføraren for Sebulon-stammen var Eliab, son til Helon.
- <sup>17</sup> Så vart bustaden teken ned, og dei som skulle bera han, Gersjon-sønene og Merari-sønene, braut opp.
- <sup>18</sup>Så braut Ruben-leiren opp under sitt banner, hæravdeling for hæravdeling. Hærførar var Elisur, son til Sjede'ur.
- <sup>19</sup>Hærførar for Simon-stammen var Sjelumiel, son til Surisjaddai.
- <sup>20</sup>Hærførar for Gad-stammen var Eljasaf, son til De'uel.
- <sup>21</sup> Så braut kehatittane opp, dei som bar dei heilage tinga. Før dei kom fram, skulle bustaden reisast.
- <sup>22</sup>Så braut leiren til Efraim-sønene opp under sitt banner, hæravdeling for hæravdeling. Hærføraren var Elisjama, son til Ammihud.
- <sup>23</sup>Hærførar for Manasse-stammen var Gamliel, son til Pedasur.
- <sup>24</sup>Hærførar for Benjamin-stammen var Abidan, son til Gidoni.
- <sup>25</sup>Så braut leiren til Dan-sønene opp under sitt banner, som baktropp for alle leirane, hæravdeling for hæravdeling. Hærføraren var Ahieser, son til Ammisjaddai.
- <sup>26</sup>Hærførar for Asjer-stammen var Pagiël, son til Okran.
- <sup>27</sup>Hærførar for Naftali-stammen var Ahira, son til Enan.
- <sup>28</sup>Slik var avmarsjen då israelittane drog av stad, hæravdeling for hæravdeling.
- <sup>29</sup> Moses sa til svogeren sin, Hobab, son til Re'uel frå Midjan: «No bryt vi opp og dreg til den staden som Herren sa han ville gje oss. Kom med oss, så skal vi sørgja godt for deg. For Herren har lova det gode for Israel.»
- <sup>30</sup>Hobab svara: «Eg blir ikkje med, eg går heller heim til mitt eige land og mi eiga slekt.»
- <sup>31</sup>Då sa Moses: «Gå ikkje frå oss! Du veit best kvar vi skal slå leir i ørkenen. Du må vera auge for oss.

<sup>32</sup>Går du med oss, skal vi la alt det gode som Herren gjer mot oss, òg koma deg til gode.»

<sup>33</sup> Så braut dei opp og drog frå Herrens fjell, tre dagsreiser. Og Herrens paktkiste drog føre dei, tre dagsreiser, for å finna ein kvilestad for dei.

<sup>34</sup> Herrens sky var over dei om dagen når dei braut opp frå leiren.

<sup>35</sup> Kvar gong kista braut opp, sa Moses: «Reis deg, Herre! Lat fiendane dine bli spreidde og motstandarane dine flykta for deg!»

<sup>36</sup> Og når ho var i ro, sa han: «Kom tilbake, Herre, til Israels ti tusen gonger tusen!»

#### **4. Mosebok 11**

##### **Folket klagar, og Gud gjev dei mat**

<sup>1</sup> Folket tok til å klaga bittert til Herren. Då Herren hørde det, vart vreiden hans tend. Herrens eld flamma opp mellom dei og herja i utkanten av leiren.

<sup>2</sup> Folket ropa til Moses, og Moses bad til Herren. Då slokna elden.

<sup>3</sup> Den staden kalla dei Tabera, fordi Herrens eld hadde flamma opp mellom dei der.

<sup>4</sup> Rakkarpakket som følgde med dei, var umetteleg. Då tok israelittane òg til å jamra seg att. «Kven kan gje oss kjøt å eta?» sa dei.

<sup>5</sup> «Vi minnest fisken vi fritt kunne eta i Egypt, og agurkane, melonane og purren, lauken og kvitlauken.

<sup>6</sup> No visnar vi bort, for her har vi ingen ting. Auga våre ser ikkje anna enn manna.»

<sup>7</sup> Mannaen likna korianderfrø og såg ut som bedolah-kvae.

<sup>8</sup> Folket sprang utover og sank. Dei mol han på handkvern eller støytt han i mortar. Så kokte dei han i gryte og laga kaker av han. Smaken var som smaken av kaker baka med olje.



- <sup>9</sup>Når dogga fall over leiren om natta, fall mannaen med.
- <sup>10</sup>Moses hørde folket jamra seg, den eine familien etter den andre, kvar frå inngangen til sitt eige telt. Då flamma Herrens vreide opp. Moses syntest det var ille.
- <sup>11</sup>Moses sa til Herren: Kvifor gjer du tenaren din så vondt? Kvifor finn eg ikkje nåde for auga dine? Du legg børa av heile folket på meg!
- <sup>12</sup>Er det eg som har unnfanga heile dette folket? Er det eg som har fødd det, sidan du seier: Ber det ved brystet, slik ei amme ber eit spedbarn, heilt fram til landet du med eid har lova fedrane deira!
- <sup>13</sup>Kvar skal eg få kjøt frå til heile dette folket når dei jamrar seg og seier til meg: «Gjev oss kjøt å eta!»
- <sup>14</sup>Eg maktar ikkje å bera heile dette folket åleine. Det er for tungt for meg.
- <sup>15</sup>Er det slik du vil laga det for meg, så drep meg heller med ein gong, så sant eg har funne nåde for auga dine. Lat meg sleppa å sjå mi eiga ulukke!
- <sup>16</sup>Då sa Herren til Moses: Kall saman for meg sytti mann av dei eldste i Israel, dei du veit er eldste og tilsynsmenn i folket. Ta dei med til teltheilagdomen og lat dei stilla seg der saman med deg!
- <sup>17</sup> Eg skal koma ned og tala med deg der. Eg skal ta av den anden som er over deg, og leggja over på dei. Dei skal bera børa av folket saman med deg, så du ikkje treng bera åleine.
- <sup>18</sup> Til folket skal du seia: Helga dykk til i morgon, så skal de få kjøt å eta. For Herren har høyrte at de har jamra og sagt: «Kven kan gje oss kjøt å eta? Vi hadde det betre i Egypt.» No skal Herren gje dykk kjøt.
- <sup>19</sup>Ikkje éin dag skal de eta det, og ikkje to, ikkje fem dagar eller ti dagar eller tjue dagar,
- <sup>20</sup>men ein heil månad, heilt til det kjem ut or naseborene på dykk og byd dykk imot. For de vraka Herrensom er midt imellom dykk. De jamra dykk for hans andlet og sa: «Kvifor drog vi ut frå Egypt?»

<sup>21</sup>Då sa Moses: «Det folket eg har med meg, tel 600 000 mann til fots. Og så seier du: Eg skal gje dei kjøt så dei kan eta ein heil månad.

<sup>22</sup>Skal vi slakta så mykje småfe og storfe at det rekk til for dei? Eller skal vi samla all fisken i havet, så dei får nok?»

<sup>23</sup> Herren sa til Moses: «Er Herrens arm for veik? No skal du sjå om det går som eg har sagt, eller ikkje.»

<sup>24</sup>Så gjekk Moses ut og fortalde folket kva Herren hadde sagt. Han samla sytti mann av dei eldste i folket og bad dei stå omkring teltet.

<sup>25</sup> Då steig Herren ned i ei sky og tala til han. Han tok av den anden som var over Moses, og gav til dei sytti eldste. Og då anden kvilte over dei, tala dei profetisk. Men dei heldt ikkje fram med det.

<sup>26</sup>To av mennene hadde vorte att i leiren, den eine heitte Eldad og den andre Medad. Over dei òg kvilte anden, for dei var mellom dei oppskrivne, men hadde ikkje gått ut til teltet. Dei profeterte i leiren.

<sup>27</sup> Då sprang ein gut av stad og fortalde til Moses: «Eldad og Medad profeterer i leiren!»

<sup>28</sup>Josva, son til Nun, som hadde vore tenar hos Moses sidan han var ung, sa då: «Moses, min herre, stans dei!»

<sup>29</sup> Men Moses svara: «Er du sjalu på mine vegner? Gjev alt Herrens folk var profetar! Måtte Herren gje dei alle sin Ande!»

<sup>30</sup>Så gjekk Moses tilbake til leiren saman med Israels eldste.

<sup>31</sup> Då kom ein vind frå Herren som førte vaktlar inn frå havet i ei høgd på omkring to alner over bakken. Vinden strødde dei ut omkring leiren, så langt som ei dagsreise på den eine sida og ei dagsreise på den andre.

<sup>32</sup> Folket samla vaktlar heile den dagen og heile natta og heile dagen etter. Dei som sank minst, sank ti homer. Og dei la dei utover kring heile leiren.

<sup>33</sup> Medan kjøtet enno var mellom tennene på dei, før det var togge ferdig, flamma Herrens vreide opp mot folket. Han slo dei med ein frykteleg pest.

<sup>34</sup> Denne staden kalla dei Kibrot-Hattaava, for der gravla folket dei som hadde vore grådige.

<sup>35</sup> Frå Kibrot-Hattaava drog folket til Haserot, og i Haserot vart dei verande ei tid.

#### **4. Mosebok 12**

##### **Herren blir harm på Mirjam og Aron**

<sup>1</sup>Ein gong tok Mirjam og Aron til orde mot Moses på grunn av den kusjittiske kona hans; for han hadde teke seg ei kone frå Kusj.

<sup>2</sup>Dei sa: «Er det berre Moses Herren har tala med? Har han ikkje tala med oss òg?» Dette høyrde Herren.

<sup>3</sup>Men Moses var ein svært audmjuk mann, meir audmjuk enn noko anna menneske på jorda.

<sup>4</sup>Brått sa Herren til Moses og til Aron og Mirjam: «Gå ut til teltheilagdomen, alle tre!» Alle tre gjekk ut.

<sup>5</sup>Då steig Herren ned i ei skysøyle og stilte seg i opninga til teltet. Han kalla på Aron og Mirjam, og begge kom fram.

<sup>6</sup>Så sa Herren: Høyr mine ord! Er det ein profet hos dykk? I syn gjev eg meg til kjenne for han, i draumar talar eg til han.

<sup>7</sup>Slik er det ikkje med Moses, tenaren min. I heile mitt hus er han den mest trudde.

<sup>8</sup>Andlet til andlet talar eg med han, i klåre syn, ikkje i gåter, Herrens skapnad ser han. Kvifor var de ikkje redde for å ta til orde mot Moses, tenaren min?

<sup>9</sup>Herrens vreide flamma opp mot dei, og han gjekk bort.

<sup>10</sup>Då skya drog seg bort frå teltet, sjå, då hadde Mirjam fått ein hudsjukdom, og huda hennar var som snø. Med det same Aron snudde seg mot Mirjam, såg han at ho var sjuk.

<sup>11</sup>Han sa til Moses: «Herre, straff oss ikkje for ei synd vi har gjort i vår dårskap.

<sup>12</sup>Lat ikkje Mirjam vera lik eit dødt foster som er halvt borttært når det kjem ut or mors liv!»

<sup>13</sup>Då ropa Moses til Herren: «Gud, gjer henne frisk!»

<sup>14</sup> Men Herrensvara Moses: «Om far hennar hadde spytta henne i andletet, måtte ho ikkje då sitja med skam i sju dagar? Ho skal stengjast ute frå leiren i sju dagar. Sidan kan ho koma inn att.»

<sup>15</sup>Så stengde dei Mirjam ute frå leiren i sju dagar, og folket braut ikkje opp før ho var komen inn att.

<sup>16</sup> Men då drog dei vidare frå Haserot og slo leir i Paran-ørkenen.

## 4. Mosebok 13

### Israelittane utforskar Kanaan

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>«Send av stad nokre menn for å utforska Kanaan-landet, som eg vil gje israelittane. Éin mann for kvar fedreætt skal de senda, og alle skal vera leiarar.»

<sup>3</sup>På Herrens ord sende Moses dei ut frå Paran-ørkenen. Kvar mann var mellom overhovuda for israelittane.

<sup>4</sup>Dette er namna deira: for Ruben-stammen Sjammua, son til Sakkur;

<sup>5</sup>for Simon-stammen Sjafat, son til Hori;

<sup>6</sup>for Juda-stammen Kaleb, son til Jefunne;

<sup>7</sup>for Jissakar-stammen Jigal, son til Josef;

<sup>8</sup>for Efraim-stammen Hosea, son til Nun;

<sup>9</sup>for Benjamin-stammen Palti, son til Rafu;

<sup>10</sup>for Sebulon-stammen Gaddiel, son til Sodi;

<sup>11</sup>for Josef-stammen, det vil seia Manasse-stammen, Gaddi, son til Susi;

<sup>12</sup>for Dan-stammen Ammiel, son til Gemalli;

<sup>13</sup>for Asjer-stammen Setur, son til Mikael;

<sup>14</sup>for Naftali-stammen Nahbi, son til Vofsi;

<sup>15</sup>for Gad-stammen Ge'uel, son til Maki.

<sup>16</sup> Det var namna på dei mennene som Moses sende for å utforska landet. Men han gav Hosea, son til Nun, namnet Josva.

<sup>17</sup>Då Moses sende dei av stad for å utforska Kanaan-landet, sa han til dei: «Dra opp til Negev og vidare opp i fjellet!

<sup>18</sup>Sjå korleis landet er, og om folket som bur der, er sterkt eller veikt, lite eller stort.

<sup>19</sup>Korleis er landet dei bur i, er det godt eller dårleg? Kva slag byar held dei til i, er det teltleirar eller festningsbyar?

<sup>20</sup>Og korleis er jorda, grøderik eller mager? Veks det tre der eller ikkje? Ver modige og ta med noko av førstegrøda i landet!» Det var tida for dei første druene.

<sup>21</sup> Så tok dei av stad og utforska landet frå Sin-ørkenen til Rehob ved Lebo-Hamat.

<sup>22</sup> Dei drog opp gjennom Negev og kom til Hebron. Der budde anakittane Ahiman, Sjesjai og Talmi. – Hebron var bygd sju år før Soan i Egypt.

<sup>23</sup> Då dei kom til Esjkol-dalen, skar dei av ei vinranke med ein drueklase. To mann bar han på ei stong. Dei tok òg granateple og fikenar.

<sup>24</sup>Den staden vart kalla Esjkol-dalen, etter den drueklasen som israelittane skar av der.

<sup>25</sup>Då det var gått førti dagar, vende dei attende etter å ha utforska landet.

<sup>26</sup>Dei kom til Moses og Aron og heile Israels forsamling i Kadesj i Paran-ørkenen. Dei gav rapport til dei og til heile forsamlinga og viste dei frukta dei hadde med frå landet.

<sup>27</sup> Til Moses fortalde dei: «Vi kom inn i det landet du sende oss til. Det fløymer verkeleg med mjølk og honning, og dette er frukta som veks der.

<sup>28</sup> Men folket som bur i landet, er sterkt, og byane er festningsbyar og svært store. Der såg vi anakittar òg.

<sup>29</sup> I Negev bur det amalekittar, i fjellandet bur det hetittar, jebusittar og amorittar, og utmed havet og langs Jordan bur kanaaneanarane.»

<sup>30</sup> Kaleb roa ned folket framfor Moses. «Kom, så går vi opp og tek landet i eige!» sa han. «Vi kjem heilt sikkert til å sigra over dei!»

<sup>31</sup> Men dei mennene som drog opp saman med han, sa: «Vi kan ikkje gå til åtak på dette folket, for dei er sterkare enn vi.»

<sup>32</sup> Dei sette ut rykte blant israelittane om landet dei hadde utforska. Dei sa: «Det landet vi drog gjennom og undersøkte, er eit land som et opp dei som bur der. Og alle folka vi såg, var storvaksne menn.

<sup>33</sup> Der såg vi kjemper òg – anakittane høyrer til kjempene. I eigne auge var vi som grashopper, og det var vi i deira auge òg.»

## 4. Mosebok 14

### Murring og straff

<sup>1</sup> Då braut forsamlinga ut i høge rop, og folket gret den natta.

<sup>2</sup> Alle israelittane klaga til Moses og Aron. Heile forsamlinga ropa til dei: «Berre vi hadde fått døy i Egypt eller her i ørkenen. Berre vi hadde fått døy!

<sup>3</sup> Kvifor fører Herren oss til dette landet så vi må falla for sverd og kvinnene og småborna våre bli krigsbytte? Var det ikkje betre for oss å venda attende til Egypt?»

<sup>4</sup> Og dei sa til kvarandre: «Vi vel ein leiar og vender attende til Egypt!»

<sup>5</sup> Då kasta Moses og Aron seg ned med andletet mot jorda framfor heile Israels forsamling.

<sup>6</sup> Josva, son til Nun, og Kaleb, son til Jefunne, som hadde vore med og utforska landet, reiv sund kleda sine

<sup>7</sup>og sa til heile forsamlinga av israelittar: «Det landet vi drog igjennom og utforska, er eit svært godt og innbydande land.

<sup>8</sup>Om han har si glede i oss, fører Herren oss inn i dette landet og gjev det til oss, eit land som fløymer med mjølk og honning.

<sup>9</sup>Gjer berre ikkje opprør mot Herren! De skal ikkje vera redde folket i landet, dei er berre ein brødbit for oss. Skuggen deira har vendt seg frå dei, men Herren er med oss. Ver ikkje redde dei!»

<sup>10</sup>Men heile forsamlinga ropa at dei skulle steinast. Då synte Herrens herlegdom seg for alle israelittane ved teltheilagdomen.

<sup>11</sup>Og Herren sa til Moses: Kor lenge skal dette folket forakta meg? Kor lenge skal dei la vera å tru på meg, endå eg har gjort så mange teikn mellom dei?

<sup>12</sup>Lat meg slå dei med pest og driva dei bort! Og så vil eg gjera deg til eit folk som er større og mektigare enn dei.

<sup>13</sup>Moses sa til Herren: Egyptarane har høyrte at du med di kraft førte dette folket opp frå landet deira,

<sup>14</sup>og dei har fortalt det til dei som bur i dette landet. Dei har høyrte at du, Herre, er midt iblant dette folket, at du viser deg for dei auge mot auge, Herre, når skya di står over dei, og at du går føre dei i ei skysøyle om dagen og i ei eldsøyle om natta.

<sup>15</sup>Lèt du dette folket døy, alle som ein, då kjem folka som har høyrte ryktet om deg, til å seia:

<sup>16</sup>«Herren makta ikkje å føra dette folket inn i det landet som han med eid hadde lova dei, så han slakta dei ned i ørkenen.»

<sup>17</sup>Men no, Herre, vis di store makt, slik du har sagt det:

<sup>18</sup>«Herren er sein til vreide og rik på miskunn. Han tilgjev skuld og lovbrot, men lèt ikkje den skuldige vera utan straff. Han straffar borna i tredje og fjerde ledd for synda til fedrane.»

<sup>19</sup>Tilgjev i di store miskunn den synda dette folket har gjort, slik du har tilgjeve dette folket heilt frå Egypt og til no.

<sup>20</sup>Då sa Herren: Eg tilgjev dei, slik du bed om.

<sup>21</sup> Men så sant eg lever, så sant Herrens herlegdom fyller heile jorda:

<sup>22</sup>Ingen av desse mennene som har sett min herlegdom og sett dei teikna eg gjorde i Egypt og i ørkenen, og som likevel har sett meg på prøve for tiande gong og ikkje høyrte på det eg har sagt,

<sup>23</sup> sanneleg, ingen av dei skal sjå landet eg med eid har lova fedrane deira. Ingen som foraktar meg, skal sjå det!

<sup>24</sup> Men Kaleb, tenaren min, har ei anna ånd i seg, og han har følgd meg trufast. Difor vil eg føra han inn i det landet han har vore i, og etterkomarane hans skal få ta det i eige.

<sup>25</sup> Men i dalane bur amalekittane og kanaanearane. I morgon må de snu og dra ut i ørkenen, langs vegen mot Sivsjøen.

<sup>26</sup>Herren sa til Moses og Aron:

<sup>27</sup>Kor lenge skal denne vonde forsamlinga klaga til meg? Eg har høyrte korleis israelittane klagar over meg.

<sup>28</sup> Sei til dei: Så sant eg lever, seier Herren: Som de har ropa meg i øyret, slik skal eg gjera med dykk.

<sup>29</sup> I denne ørkenen skal lika dykkar bli liggjande, alle de som vart mønstra i manntalet, alle frå tjue år og oppover som har klaga over meg.

<sup>30</sup> Ingen av dykk skal koma inn i landet som eg med lyft hand svor at de skulle få bu i – ingen utan Kaleb, son til Jefunne, og Josva, son til Nun.

<sup>31</sup> Men småborna dykkar, som de meinte ville falla i fiendehand, dei skal eg føra inn. Dei skal læra å kjenna det landet som de vraka.

<sup>32</sup>Men lika av dykk skal bli liggjande her i ørkenen.



<sup>33</sup> Og borna dykkar skal vera gjetarar i ørkenen i førti år. Dei skal lida for at de var trulause, til den siste av dykk endar som lik i ørkenen.

<sup>34</sup> Liksom de utforska landet i førti dagar, skal de bera skulda dykkar i førti år, eitt år for kvar dag. De skal få kjenna min uvilje.

<sup>35</sup> Eg, Herren, har sagt at slik vil eg gjera med heile denne vonde forsamlinga som har svore seg saman mot meg. I denne ørkenen skal dei enda sine dagar, her skal dei døy.

<sup>36</sup> Dei mennene som Moses hadde sendt for å utforska landet, kom att og sette heile forsamlinga opp mot han ved å spreia vonde rykte om landet,

<sup>37</sup> og desse mennene som sette ut vonde rykte om landet, døydde av pest for Herrens andlet.

<sup>38</sup> Av dei mennene som drog for å utforska landet, fekk berre Josva, son til Nun, og Kaleb, son til Jefunne, leva.

<sup>39</sup> Då Moses fortalde dette til israelittane, vart folket gripe av djup sorg.

<sup>40</sup> Morgonen etter stod dei tidleg opp og gjekk oppover mot høgdedraget. «Kom», sa dei, «lat oss gå opp til den staden Herren har tala om. For vi har synda.»

<sup>41</sup> Men Moses sa: «Kvifor vil de gjera imot Herrens ord? Dette kjem ikkje til å lukkast.

<sup>42</sup> Gå ikkje opp dit, for Herren er ikkje midt iblant dykk. De kjem berre til å tapa for fiendane dykkar.

<sup>43</sup> For der møter de amalekittane og kanaanearane, og då fell de for sverd! Fordi de har vendt dykk bort frå Herren, vil han ikkje vera med dykk.»

<sup>44</sup> Likevel var dei trassige og gjekk oppover mot høgdedraget. Men korkje Herrens paktkiste eller Moses forlèt leiren.

<sup>45</sup> Då kom dei ned, både amalekittane og kanaanearane som budde på dette fjellet. Dei slo israelittane og forfølgde dei heilt til Horma.

#### 4. Mosebok 15

## Matoffer og drikkoffer

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>Tal til israelittane og sei til dei: Når de kjem inn i landet de skal bu i, det som eg vil gje dykk,

<sup>3</sup>og ber fram for Herrengåveoffer av storfe eller småfe til godange for Herren, anten det er eit brennoffer eller eit slaktoffer for å oppfylla ein lovnad, anten som frivillig gåve eller på ei av høgtidene dykkar,

<sup>4</sup>då skal den som ber offeret sitt fram for Herren, koma med eit grødeoffer: ein tiandedels efa kveitemjøl blanda med ein fjerdedels hin olje.

<sup>5</sup>Saman med brennofferet eller slaktofferet skal du òg gje ein fjerdedels hin vin som drikkoffer for kvart lam.

<sup>6</sup>Men er det ein vêt du ofrar, skal grødeofferet vera to tiandedels efa kveitemjøl blanda med ein tredjedels hin olje,

<sup>7</sup>og drikkofferet ein tredjedels hin vin. Du skal ofra det til godange for Herren.

<sup>8</sup>Ofrar du ein ung okse som brennoffer eller slaktoffer for å oppfylla ein lovnad eller som eit fredsoffer til Herren,

<sup>9</sup>då skal du saman med oxen bera fram som grødeoffer tre tiandedels efa kveitemjøl blanda med ein halv hin olje.

<sup>10</sup>Som drikkoffer skal du bera fram ein halv hin vin. Det er eit gåveoffer til godange for Herren.

<sup>11</sup>Såleis skal de gjera med kvar okse eller vêt, kvart lam eller kje.

<sup>12</sup>Anten de ofrar mange eller få, skal de gjera så med kvart einaste dyr.

<sup>13</sup>Alle som er fødde i landet, skal gjera det slik når dei ber fram gåveoffer til godange for Herren.

<sup>14</sup>Og når ein innflyttar som bur blant dykk eller ein gong i framtida kjem til å bu mellom dykk, vil bera fram eit gåveoffer til godange for Herren, så skal han gjera det slik de gjer det.

<sup>15</sup> I forsamlinga skal ei og same ordning gjelda både for dykk og for innflyttarane som held til hos dykk, ei evig ordning gjennom alle slekter. De og innflyttarane skal stå likt for Herren.

<sup>16</sup> Same lov og same rett skal gjelda for dykk og for innflyttarane som held til hos dykk.

### **Offeret av det første brødet**

<sup>17</sup> Herren sa til Moses:

<sup>18</sup> Tal til israelittane og sei til dei: Når de kjem inn i det landet som eg vil føra dykk til,

<sup>19</sup> og et av det brødet som landet gjev, då skal de gje ei offergåve til Herren.

<sup>20</sup> Det første brødet de bakar, skal de gje i offergåve. De skal gjera det på same måten som med offergåva frå treskjevollen.

<sup>21</sup> Av det første de bakar, skal de gjennom alle slekter gje Herren eit brød som offergåve.

### **Offer for aktlause synder**

<sup>22</sup> De er kan henda aktlause så de ikkje held alle desse påboda som Herren har gjeve Moses,

<sup>23</sup> alt det Herren har pålagt dykk gjennom Moses, heilt frå den dagen han gav boda sine, og gjennom alle slekter.

<sup>24</sup> Om det vart gjort i vanvare og utan at forsamlinga visste om det, skal heile forsamlinga ofra ein ung okse som brennoffer til godange for Herren, med grødeoffer og drikkoffer slik regelen seier, og ein geitebukk som syndoffer.

<sup>25</sup> Presten skal gjera soning for heile Israels forsamling, så dei får tilgjeving. For det var gjort av vanvare, og dei har bore fram offeret sitt, eit gåveoffer til Herren og eit syndoffer for Herrens andlet for det dei gjorde av vanvare.

<sup>26</sup> Då skal heile Israels forsamling og innflyttarane som held til hos dykk, få tilgjeving. For heile folket hadde del i aktløysa.

<sup>27</sup> Når eit enkelt menneske syndar av vanvare, skal det bera fram ei årsgammal geit som syndoffer.

<sup>28</sup> Presten skal gjera soning for Herrensandlet for den som var aktlaus, sidan han synda av vanvare. Når det er gjort soning for han, skal han få tilgjeving.

<sup>29</sup> Anten det er ein innfødd israelitt eller ein innflyttar som held til hos dykk, skal ei og same lov gjelda for den som har vore aktlaus.

<sup>30</sup> Men den som med lyft hand spottar Herren, skal støytast ut frå folket sitt, anten han er fødd i landet eller er innflyttar.

<sup>31</sup> For han har vist forakt for Herrens ord og brote hans bod. Det mennesket skal støytast ut; det må bera straffa for brotet sitt.

### **Straffa for å bryta sabbatsbodet**

<sup>32</sup> Medan israelittane var i ørkenen, kom dei over ein mann som sank ved på sabbatsdagen.

<sup>33</sup> Dei som fann han medan han sank ved, førte han fram for Moses og Aron og heile forsamlinga.

<sup>34</sup> Han vart sett i varetekt, for det var ikkje klårt kva som skulle gjerast med han.

<sup>35</sup> Då sa Herren til Moses: «Mannen må døy. Heile forsamlinga skal steina han utanfor leiren.»

<sup>36</sup> Så førte heile forsamlinga han utanfor leiren og steina han til han døyde, slik Herren hadde pålagt Moses.

### **Duskane på kappeflikane**

<sup>37</sup> Herren sa til Moses:

<sup>38</sup> Tal til israelittane og sei til dei at dei gjennom alle slekter skal laga seg duskar på kappeflikane sine, og i kvar dusk skal dei setja ei snor av fiolett purpur.

<sup>39</sup>Slike duskar skal de ha. Kvar gong de ser på dei, skal de koma alle Herrens bod i hug, så de lever etter dei. De må ikkje følgja dykkar eigne hjarte og dykkar eigne auge, dei som lokkar dykk til å driva hor.

<sup>40</sup>Såleis skal de minnst alle boda mine og leva etter dei. De skal vera heilage for dykkar Gud.

<sup>41</sup>Eg er Herrendykkar Gud, som førte dykk ut frå Egypt for å vera dykkar Gud. Eg er Herren dykkar Gud.

#### **4. Mosebok 16**

##### **Opprør mot Moses blir straffa**

<sup>1</sup>Korah, son til Jishar, som var son til Kehat, son til Levi, saman med Datan og Abiram, sønene til Eliab, og On, son til Pelet, Rubens son,

<sup>2</sup>gjorde opprør mot Moses. Dei fekk med seg to hundre og femti israelittar som var leiarar i forsamlinga, menn som var peika ut i forsamlinga, og som hadde eit godt namn.

<sup>3</sup>No samla dei seg mot Moses og Aron og sa til dei: «No går de for langt! Heile forsamlinga, alle saman, er heilage, og Herren er midt iblant dei. Kvifor vil de då setja dykk over Herrens forsamling?»

<sup>4</sup>Då Moses hørde dette, kasta han seg ned med andletet mot jorda.

<sup>5</sup>Så sa han til Korah og heile forsamlinga hans: «I morgon vil Herren visa kven som er heilag og høyrer han til, så han kan koma han nær. Den som Herren vel ut, får koma han nær.

<sup>6</sup>Slik skal de gjera: Korah og heile forsamlinga hans, ta dykk glopanner,

<sup>7</sup>ha gloande kol i dei og legg røykjelse oppå for Herrens andlet i morgon. Den mannen som Herren då vel ut, han skal vera heilag. Det er de som går for langt, de Levi-søner!»

<sup>8</sup>Så sa Moses til Korah: «Høyr no her, levittar!

<sup>9</sup> Er det ikkje nok for dykk at Israels Gud har skilt dykk ut frå forsamlinga for å føra dykk nær til seg, så de får gjera teneste i Herrens bustad og stå framfor forsamlinga og tena henne?

<sup>10</sup> Han har late deg og alle brørne dine, levittane, koma nær til seg. Og no vil de ha prestetenesta òg!

<sup>11</sup> I sanning, det er mot Herren du og heile forsamlinga di har slege dykk saman. Men Aron, kva er han, sidan de klagar over han?»

<sup>12</sup> Moses sende bod etter Datan og Abiram, sønene til Eliab. Men dei sa: «Vi kjem ikkje opp til deg!

<sup>13</sup> Er det ikkje nok at du har ført oss opp frå eit land som fløymer med mjølk og honning, så vi skulle døy i ørkenen? Skal du halda fram med å styra og regjera over oss?

<sup>14</sup> Du har sanneleg ikkje ført oss til noko land som fløymer med mjølk og honning, eller gjeve oss åkrar og vinmarker til eige. Har du tenkt å stikka ut auga på desse menneska? Vi kjem ikkje opp til deg.»

<sup>15</sup> Då flamma vreiden opp i Moses. Han sa til Herren: «Ta ikkje imot offergåvene deira! Ikkje så mykje som eit esel har eg teke frå dei, og ingen av dei har eg gjort noko vondt.»

<sup>16</sup> Så sa Moses til Korah: «I morgon skal du og heile forsamlinga di stiga fram for Herren saman med Aron.

<sup>17</sup> De skal ta kvar si glopanne og leggja røykjelse på dei. Kvar mann skal bera si eiga glopanne fram for Herren, to hundre og femti glopanner. Du og Aron skal òg ta kvar si glopanne.»

<sup>18</sup> Så tok kvar mann si glopanne, hadde glødande kol i dei og la røykjelse på. Så stilte dei seg i opninga til teltheilagdomen saman med Moses og Aron.

<sup>19</sup> Korah samla heile forsamlinga mot dei ved opninga til teltheilagdomen. Då synte Herrens herlegdom seg for heile forsamlinga.

<sup>20</sup> Herren sa til Moses og Aron:

<sup>21</sup>«Skil dykk ut frå denne forsamlinga, så skal eg fortæra dei på ein augneblink!»

<sup>22</sup> Då kasta dei seg ned med andletet mot jorda og sa: «Gud, Gud over livsanden i alt som er av kjøt og blod! Blir du harm på heile forsamlinga fordi éin mann syndar?»

<sup>23</sup> Herren sa til Moses:

<sup>24</sup>«Tal til forsamlinga og sei: Hald dykk borte frå plassen omkring bustaden til Korah, Datan og Abiram!»

<sup>25</sup> Moses reiste seg og gjekk bort til Datan og Abiram, og Israels eldste følgde han.

<sup>26</sup> Han sa til forsamlinga: «Vend dykk bort frå telta til desse lovause mennene, og rør ikkje noko som er deira. Elles blir de òg rivne bort på grunn av alle syndene deira.»

<sup>27</sup> Då gjekk dei bort frå området kring bustaden til Korah, Datan og Abiram. Datan og Abiram var komne ut og stod framfor teltdøra saman med konene, dei vaksne borna og småborna sine.

<sup>28</sup> Moses sa: «Ved dette skal de vita at det er Herren som har sendt meg for å gjera alle desse gjerningane, det er ikkje frå mitt eige hjarte.

<sup>29</sup> Dersom desse døyr på same måten som andre menneske og blir ramma som alle andre, då har ikkje Herren sendt meg.

<sup>30</sup> Men dersom Herren viser si skaparmakt slik at jorda opnar gapet og sluker dei og alt som høyrer dei til, så dei fer levande ned til dødsriket, då skal de vita at desse mennene har forakta Herren.»

<sup>31</sup> Med det same han hadde sagt dette, rivna jorda under dei.

<sup>32</sup> Jorda opna gapet og slukte både dei og bustaden deira, alle som heldt med Korah, og alt det dei eigde.

<sup>33</sup> Dei og alle som høyrde dei til, fór levande ned til dødsriket. Jorda gøymde dei, og slik vart dei utrydda frå forsamlinga.

**34** Alle israelittane som stod omkring dei, flykta då dei høyrde skriket deira. «Elles kan jorda sluka oss òg», sa dei.

**35** Så fór det eld ut frå Herren og fortærte dei to hundre og femti mennene som bar fram røykjelse.

**36** Då sa Herren til Moses:

**37** Sei til presten Elasar, son til Aron, at han skal ta glopannene bort frå brannstaden, for dei er heilage, og spreia glørne vidt utover.

**38** Av glopannene til desse syndarane som mista livet, skal du laga tynne, hamra plater til å kle altaret med. Fordi mennene bar dei fram for Herren, har dei vorte heilage. Det skal vera eit teikn for israelittane.

**39** Presten Elasar tok bronsepannene som dei hadde bore fram røykjelse i, dei mennene som brann opp, og han hamra dei ut så ein kunne kle altaret med dei.

**40** Dette skulle minna israelittane om at ingen framand, ingen som ikkje var av Arons ætt, skulle brenna røykjelse for Herrens andlet og vera lik Korah og forsamlinga hans. Elasar gjorde som Herren hadde sagt til han gjennom Moses.

### **Aron gjer soning for folket**

**41** Dagen etter klaga heile Israels forsamling til Moses og Aron. «Det er de som har drepe Herrens folk!» sa dei.

**42** Men når forsamlinga no slo seg saman mot Moses og Aron, vende dei seg begge mot teltheilagdomen. Og sjå, skya låg over teltet, og Herrens herlegdom synte seg.

**43** Då gjekk Moses og Aron fram for teltheilagdomen.

**44** Herren sa til Moses:

**45** «Gå bort frå denne forsamlinga, så skal eg fortæra dei på ein augneblink.» Då kasta dei seg ned med andletet mot jorda.



<sup>46</sup>Og Moses sa til Aron: «Ta glopanna, legg glør frå altaret i henne og ha røykjelse oppå. Skund deg bort til forsamlinga og gjer soning for dei! For vrede er gått ut frå Herren, det har brote ut pest!»

<sup>47</sup>Aron gjorde som Moses hadde sagt. Han tok glopanna og sprang midt inn i forsamlinga. Og sjå, pesten hadde alt brote ut mellom folket. Han la røykjelse på glørne og gjorde soning for folket.

<sup>48</sup>Medan han stod der mellom døde og levande, stansa pesten.

<sup>49</sup>Men det var 14 700 som døydde av pesten, i tillegg til dei som mista livet for Korahs skuld.

<sup>50</sup>Aron gjekk tilbake til Moses ved opninga til teltheilagdomen. Pesten hadde stansa.

#### **4. Mosebok 17**

##### **Arons stav som blømde**

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>Sei til israelittane at dei skal gje deg tolv stavar, ein stav for kvar stamme. Av leiarane for kvar stamme skal du få ein stav, og på den skal du skriva namnet hans.

<sup>3</sup>På staven frå Levi skal du skriva Arons namn, for det skal vera ein stav for kvar av leiarane for familiane.

<sup>4</sup>Legg stavane i teltheilagdomen framfor vitnemålet, der eg møter dykk.

<sup>5</sup>Der skal staven til den mannen eg vel ut, setja friske skot. Så blir eg kvitt all klaginga frå israelittane.

<sup>6</sup>Moses tala til israelittane. Og alle leiarane for stammene gav han kvar sin stav, ein stav for kvar stamme, tolv stavar i alt. Mellom dei var staven til Aron.

<sup>7</sup>Moses la stavane ned for Herrens andlet i teltet med vitnemålet.

<sup>8</sup>Det vart morgon neste dag. Då kom Moses inn i vitnemålsteltet, og sjå, Arons stav, staven for Levis hus, hadde sett friske skot. Han hadde fått knoppar, blømde og bar mandlar.

<sup>9</sup>Moses bar alle stavane bort frå Herrensandlet og ut til israelittane. Dei såg på dei, og alle tok kvar sin stav.

<sup>10</sup> Herren sa til Moses: «Ber Arons stav inn att og legg han framfor vitnemålet! Den skal takast vare på som eit teikn for dei som vil gjera opprør. Slik skal du stansa murringa deira, så dei ikkje må døy.»

<sup>11</sup>Moses gjorde dette. Han gjorde slik Herren hadde pålagt han.

<sup>12</sup>Men israelittane sa til Moses: «Vi går jo til grunne! Vi er fortapte alle saman, vi er fortapte!

<sup>13</sup>Kvar den som vågar å koma nær til Herrens bustad, døyr. Skal vi gå fullstendig til grunne?»

#### **4. Mosebok 18**

##### **Teneste og løn for prestar og levittar**

<sup>1</sup> Herren sa til Aron: Du og sønene dine og slekta til far din etter deg skal bera straffa for synder mot heilagdomen. Du og dine søner etter deg skal bera straffa for synder mot prestenesta dykkar.

<sup>2</sup> Brørne dine, Levi-stammen, stammen til far din, skal du òg ta med deg. Dei skal vera knytte til deg og hjelpa deg når du og sønene dine står framfor teltet med vitnemålet.

<sup>3</sup> Dei skal gjera teneste for deg og vakta heile teltet. Men dei må ikkje koma nær det heilage utstyret eller altaret. For då skal de døy, både de og dei.

<sup>4</sup> Dei skal vera knytte til deg og halda vakt over teltheilagdomen og alt arbeidet i teltet. Ingen framand må koma dykk nær.

<sup>5</sup> De skal halda vakt ved heilagdomen og ved altaret, slik at vreide ikkje skal koma over israelittane.

<sup>6</sup> Sjø, det er eg som tek ut brørne dykkar, levittane, frå dei andre israelittane. Dei er ei gåve til dykk og overgjevne til Herren for å gjera arbeid i teltheilagdomen.

<sup>7</sup> Du og sønene dine skal ta dykk av prestetenesta. Alt som skal gjerast ved altaret og innanfor forhenget, skal de gjera. Eg gjev dykk prestetenesta i gåve. Men ein framand som gjer tenesta, skal døy.

<sup>8</sup> Herren sa til Aron: Sjø, eg gjev deg ansvaret for alle offergåvene eg får. Alle dei heilage gåvene frå israelittane gjev eg deg og sønene dine som dykkar del. Dette skal vera ei evig forskrift.

<sup>9</sup> Av alle dei høgheilage offera som blir tekne ut av elden, skal dette høyra deg til: Alle deira offer, alle grødeoffera, syndoffera og skuldoffera, det dei ber fram for meg som høgheilage offer, alt dette skal høyra deg og sønene dine til.

<sup>10</sup> I det høgheilage skal du eta det. Berre menn skal eta det. Det skal vera heilagt for deg.

<sup>11</sup> Av offergåvene som israelittane gjev, skal dette òg høyra deg til: Alle offer som dei svingar, gjev eg deg og sønene og døtrene dine som ei evig forskrift. Alle i huset ditt som er reine, kan eta av dei.

<sup>12</sup> Alt det beste av fin olje og ny vin og korn, det første som dei ofrar til Herren, gjev eg deg.

<sup>13</sup> Førstegrøda av alt som veks i landet, og som dei kjem til Herren med, skal vera ditt. Alle i huset ditt som er reine, kan eta av det.

<sup>14</sup> Alt som er bannlyst i Israel, skal du òg ha.

<sup>15</sup> Alt som opnar morslivet, alt av kjøt og blod som dei ber fram for Herren, både menneske og dyr, skal høyra deg til. Men det som er førstefødd av menneske, og det som er førstefødd av ureine dyr, skal du la dei løysa ut.

<sup>16</sup> Løysesummen gjeld frå dei er ein månad gamle, og verdien du gjev dei, skal vera fem sjekel sølv etter vekta i heilagdomen. Der er ein sjekel tjue gera.

<sup>17</sup>Men dei førstefødde av kyr, sauer og geiter kan du ikkje løysa ut; dei er heilage. Blodet deira skal du stenka på altaret, og feittet skal du brenna. Det skal vera eit gåveoffer til godange for Herren.

<sup>18</sup>Men kjøtet skal høyra deg til, saman med brystet som blir svinga, og det høgre låret.

<sup>19</sup> Alle heilage gåver som israelittane kjem fram for Herren med, gjev eg deg og sønene og døtrene dine som ei evig forskrift. Dette er ei evig saltpakt for Herrens andlet for deg og di ætt saman med deg.

<sup>20</sup> Herren sa til Aron: I landet deira får du ingen eigedom til arv; ingen del skal du ha mellom dei. Eg er din arv og del mellom israelittane.

<sup>21</sup> Men eg lèt levittane få all tienda i Israel til arv. Det får dei som løn for arbeidet sitt, for tenesta ved teltheilagdomen.

<sup>22</sup> Dei andre israelittane må aldri meir koma nær teltheilagdomen, så dei ikkje fører skuld over seg og må døy.

<sup>23</sup> Det er levittane som skal gjera teneste ved teltheilagdomen og bera straffa for deira synder. Dette er ei evig ordning gjennom alle slekter. Men mellom israelittane skal dei ikkje ha jordeigedom til arv.

<sup>24</sup> For det er tienda, den offergåva som israelittane kjem fram for Herren med, eg lèt levittane få til arv. Difor har eg sagt til dei at dei ikkje får jordeigedom til arv mellom israelittane.

<sup>25</sup> Herren sa til Moses:

<sup>26</sup> Du skal tala til levittane og seia til dei: Når de tek imot tiend frå israelittane, den delen som eg lèt dykk få frå dei, den som er dykkar i staden for jordeigedom, då skal de ta ein tiandepart av tienda og gje som offergåve til Herren.

<sup>27</sup> Denne gåva skal reknast for dykkar gåve på same måten som med kornet frå treskjevollen og vinen frå vinpressa.

<sup>28</sup>På den måten skal de òg bera fram gåver til Herren av all tienda de får frå israelittane. Og den delen av tienda som Herren skal ha, skal de gje til Aron, presten.

<sup>29</sup>Av alle gåvene de får, skal de bera fram for Herren det han skal ha. Den beste delen av kvar gåve skal de helga til han.

<sup>30</sup>Du skal seia til dei: Når de ber fram det beste til Herren, skal det reknast for levittane som likt med avlinga frå treskjeplass og vinpresse.

<sup>31</sup>De kan eta det kvar de vil, de og familiare dykkar. Det er løna de får for tenesta ved teltheilagdomen.

<sup>32</sup>Når de ber fram det beste av tienda, fører de ikkje skuld over dykk. Då vanhelgar de ikkje dei heilage gåvene frå israelittane, og de skal ikkje døy.

#### 4. Mosebok 19

##### Ureinskap og reinsingsvatn

<sup>1</sup>Herren sa til Moses og Aron:

<sup>2</sup>Dette er eit lovbod som Herren har gjeve: Sei til israelittane at dei skal koma til deg med ei raud kvige som er utan feil, ei som ikkje har hatt åk på seg.

<sup>3</sup>Den skal de gje til presten Elasar. Så skal ho først utanfor leiren og slaktast medan han ser på.

<sup>4</sup>Presten Elasar skal ta noko av blodet hennar på fingeren og skvetta det sju gonger mot framsida av teltheilagdomen.

<sup>5</sup>Så skal kviga brennast medan han ser på. Både huda, kjøtet, blodet og mageinnhaldet skal brennast.

<sup>6</sup>Presten skal ta sedertre, isop og karmosinraud ull og kasta det på elden der kviga blir brend.

<sup>7</sup>Sidan skal han vaska kleda sine og bada kroppen i vatn, og så kan han koma inn i leiren. Men han skal vera urein heilt til kvelds.

<sup>8</sup>Den mannen som har brent kviga, skal òg vaska kleda sine i vatn og bada kroppen i vatn, og han skal vera urein heilt til kvelds.

<sup>9</sup>Ein mann som er rein, skal samla opp oska av kviga og leggja henne på ein rein stad utanfor leiren. Der skal ho gøymast for forsamlinga av israelittar og brukast i reinsingsvatn. Det er eit syndoffer.

<sup>10</sup>Den som samlar opp oska av kviga, skal vaska kledda sine og vera urein heilt til kvelds. Dette skal vera ei evig forskrift for israelittane og for innflyttaren som bur mellom dei.

<sup>11</sup> Den som rører ved liket av eit menneske, skal vera urein i sju dagar.

<sup>12</sup>Han skal reinsa seg på den tredje og den sjuande dagen, så han blir rein. Reinsar han seg ikkje den tredje og den sjuande dagen, blir han ikkje rein.

<sup>13</sup>Kvar den som rører ved eit lik, eit dødt menneske, og ikkje reinsar seg for synd, gjer Herrens bustad urein og skal ryddast ut av Israel. Sidan det ikkje er stenka reinsingsvatn på han, er han urein. Ureinkapen heng framleis ved han.

<sup>14</sup>Dette seier lova: Når eit menneske døyr i eit telt, skal alle som kjem inn i teltet, og alle som er i det, vera ureine i sju dagar.

<sup>15</sup>Og kvart ope kar som det ikkje er lagt lok på, er ureint.

<sup>16</sup>Kvar den som er ute på marka og rører ved ein som er fallen for sverd eller ein som har døydd på annan måte, eller rører ved eit menneskebein eller ei grav, skal vera urein i sju dagar.

<sup>17</sup>Når dei vil reinsa den ureine, skal dei ta noko av oska etter syndofferet som er brent, ha henne opp i eit kar og slå friskt vatn over.

<sup>18</sup>Ein mann som er rein, skal ta isop og dyppa i vatnet. Så skal han skvetta det på teltet, på alle tinga og menneska som var der, og på han som rørte ved eit bein eller ved ein som var drepen eller var død på annan måte, eller rørte ved ei grav.

<sup>19</sup>Den som er rein, skal skvetta det på den ureine den tredje og den sjuande dagen. Når den ureine blir rein på den sjuande dagen, skal han vaska kledda sine og bada i vatn. Om kvelden er han rein.

<sup>20</sup>Den som har vorte urein og ikkje reinsar seg, skal støytast ut frå forsamlinga. For han har gjort Herrens heilagdom urein. Sidan det ikkje er stenka reinsingsvatn på han, er han urein.

<sup>21</sup>Dette skal vera ei evig forskrift for dei. Den som skvette reinsingsvatnet, skal vaska kleda sine. Om nokon rører ved reinsingsvatnet, skal han vera urein heilt til kvelds.

<sup>22</sup>Alt det den ureine rører ved, blir ureint. Og den som rører ved det ureine, skal vera urein heilt til kvelds.

#### 4. Mosebok 20

##### Vatn frå berget

<sup>1</sup>Så kom heile forsamlinga av israelittar til Sin-ørkenen. Det var i den første månaden, og dei slo seg ned i Kadesj. Der døydde Mirjam, og der vart ho gravlagd.

<sup>2</sup>Men det var ikkje vatn til dei, og dei slo seg saman mot Moses og mot Aron.

<sup>3</sup>Folket tretta med Moses og sa: «Gjev vi hadde omkome då brørne våre omkom for Herrens andlet!

<sup>4</sup>Kvifor har de ført Herrensforssamling ut i denne ørkenen så vi må døy her, både vi og feet vårt?

<sup>5</sup>Kvifor førte de oss opp frå Egypt når de lét oss koma til denne elendige staden, ein stad der det korkje finst korn eller fiken, vinstokk eller granateple, og ikkje vatn å drikka?»

<sup>6</sup>Moses og Aron gjekk bort frå forsamlinga til opninga i teltheilagdomen. Der kasta dei seg ned med andletet mot jorda. Då syntHerrens herlegdom seg for dei,

<sup>7</sup>og Herren sa til Moses:

<sup>8</sup>«Ta staven og kall forsamlinga saman, du og Aron, bror din. De skal tala til berget for auga på dei. Då skal det gje frå seg vatn. Du skal få vatn til å strøyma ut til dei frå berget. Slik skal du la folk og buskap få drikka.»

<sup>9</sup>Moses tok staven som låg for Herrens andlet, slik han hadde pålagt han.

<sup>10</sup> Han og Aron kalla forsamlinga saman framfor berget og sa til dei: «Høyr no, de opprørarar! Trur de at vi kan få vatn til å strøyma ut til dykk frå dette berget?»

<sup>11</sup> Så lyfte Moses handa og slo to gonger på berget med staven sin. Då fossa vatnet fram, og både folket og buskapen deira drakk.

<sup>12</sup> Men Herren sa til Moses og Aron: «De trudde ikkje på meg og helga meg ikkje for auga på israelittane. Difor skal de ikkje få føra denne forsamlinga inn i det landet eg har gjeve dei.»

<sup>13</sup> Dette var Meriba-kjelda, der israelittane tretta med Herren, og der han viste at han er heilag.

### **Israel får ikkje fara gjennom Edom**

<sup>14</sup> Frå Kadesj sende Moses bodberarar til kongen i Edom: «Så seier Israel, bror din: Du veit kor mange vanskar vi har møtt.

<sup>15</sup> Fedrane våre drog ned til Egypt, og vi budde i Egypt i lang tid. Men egyptarane mishandla oss og fedrane våre.

<sup>16</sup> Då ropa vi til Herren, og han hørde ropa våre. Han sende ein engel og førte oss ut frå Egypt. Sjå, no er vi i Kadesj, ein by som ligg nær grensa til landet ditt.

<sup>17</sup> Lat oss få fara gjennom landet ditt! Vi skal ikkje gå gjennom åkrar eller vinmarker og ikkje drikk vatn or brønnane. Vi skal følgja kongsvegen og ikkje ta av korkje til høgre eller til venstre før vi har kryssa landområdet ditt.»

<sup>18</sup> Men svaret frå Edom var: «Du får ikkje dra gjennom hos meg. Gjer du det, kjem eg ut og møter deg med sverd.»

<sup>19</sup> Då sa israelittane til han: «Vi vil følgja hovudvegen, og dersom eg eller buskapen min drikk av vatnet som høyrer deg til, skal eg betala for det. Det er inga stor sak, eg vil berre få dra gjennom landet til fots.»



<sup>20</sup>Men han svara: «Du får ikkje dra gjennom!» Og Edom drog ut mot dei med ein velvæpna hær og med sterk hand.

<sup>21</sup> Edom nekta israelittane å fara gjennom landet hans, og Israel bøygde av.

### **Aron døy**

<sup>22</sup> Så braut dei opp frå Kadesj, og heile Israels forsamling kom til Hor-fjellet.

<sup>23</sup> Herren tala til Moses og Aron på Hor-fjellet, ved grensa mot Edom-landet. Han sa:

<sup>24</sup>«No skal Aron bli sameina med folket sitt. Han får ikkje koma inn i det landet eg har gjeve israelittane, for de sette dykk opp mot det eg sa ved Meriba-kjelda.

<sup>25</sup>Ta Aron og Elasar, son hans, og før dei opp på Hor-fjellet.

<sup>26</sup> Ta prestekleda av Aron og kle dei på Elasar, son hans! For der skal Aron bli sameina med folket sitt og døy.»

<sup>27</sup>Moses gjorde som Herren hadde pålagt han. Medan heile forsamlinga såg på, steig dei opp på Hor-fjellet.

<sup>28</sup> Moses tok prestekleda av Aron og kledde Elasar, son hans, med dei. Så døydde Aron der oppe på toppen av fjellet. Då Moses og Elasar kom ned att,

<sup>29</sup> skjøna heile forsamlinga at Aron var død. Og heile Israels hus gret over Aron i tretti dagar.

## **4. Mosebok 21**

### **Koparslangen**

<sup>1</sup> Kanaanearkongen som budde i Arad i Negev, fekk høyra at Israel gjekk fram på vegen til Atarim. Han gjekk til åtak på Israel og tok nokre av dei til fange.

<sup>2</sup> Då gav Israel denne lovnaden til Herren: «Gjev du dette folket i våre hender, skal vi slå byane deira med bann og utsletta dei.»

<sup>3</sup> Herren hørde Israels bøn og gav kanaanearane i deira hender. Og dei slo både kanaanearane og byane deira med bann og utsletta dei. Difor fekk staden namnet Horma.

<sup>4</sup> Så braut dei opp frå Hor-fjellet og tok vegen mot Sivsjøen. For dei ville gå utanom Edom-landet. Men på vegen vart folket utolmodig

<sup>5</sup> og tok til orde mot Gud og mot Moses: «Kvifor førte de oss ut frå Egypt for å døy i ørkenen? Her finst det korkje brød eller vatn, og vi er inderleg leie av denne elendige maten.»

<sup>6</sup> Då sende Herren serafslangar inn mellom folket. Dei beit israelittane, og mange av dei døydde.

<sup>7</sup> Folket kom til Moses og sa: «Vi synda då vi tok til orde mot Herren og mot deg. Bed Herren at han må ta slangane bort frå oss!» Og Moses bad for folket.

<sup>8</sup> Då sa Herren til han: «Lag deg ein serafslange og set han på ei stong! Alle som blir bitne, skal sjå opp på han. Då skal dei leva.»

<sup>9</sup> Moses laga ein koparslange og sette han på stonga. Og når nokon vart biten av ein slange og såg på koparslangen, fekk han leva.

#### **Vidare gjennom ørkenen**

<sup>10</sup> Israelittane braut opp, og dei slo leir ved Obot.

<sup>11</sup> Sidan braut dei opp frå Obot og slo leir ved Ijje-Abarim i ørkenen austafor Moab.

<sup>12</sup> Derifrå drog dei vidare og slo leir i Sered-dalen.

<sup>13</sup> Derifrå braut dei opp og slo leir på den andre sida av Arnon, i den ørkenen som strekkjer seg utover frå amorittlandet. Arnon er grensa for Moab, mellom Moab og amorittane.

<sup>14</sup> Difor heiter det i «Boka om Herrens krigar»: Vaheb i Sufa og dalane, Arnon

<sup>15</sup> og dalsida som strekkjer seg ned mot Ar og når til Moabs grense.

<sup>16</sup> Så drog dei til Beer. Det er den brønnen der Herren sa til Moses: «Kall saman folket, så skal eg gje dei vatn!»

<sup>17</sup> Då song Israel denne songen: Du brønn, vell opp! Syng til den

<sup>18</sup> brønnen som hovdingar har grave ut, som dei fremste menn i folket har bora med septer og styrarstav. Frå ørkenen drog dei til Mattana,

<sup>19</sup>frå Mattana til Nahaliel, frå Nahaliel til Bamot

<sup>20</sup> og frå Bamot til den dalen som går gjennom Moab-høgsletta, under toppen av Pisga-fjellet, der ein kan sjå ut over øydemarka.

### **Sigeren over Sihon og Og**

<sup>21</sup> Israel sende bodberarar til amorittkongen Sihon og sa:

<sup>22</sup>«Lat meg få dra gjennom landet ditt! Vi skal ikkje svinga inn på åkrar eller vinmarker og ikkje drikka vatn or brønnane. Vi skal følgja kongsvegen til vi er komne gjennom landet ditt.»

<sup>23</sup>Men Sihon gav ikkje Israel lov til å fara gjennom landet sitt. Han samla heile hæren sin og drog ut mot Israel i ørkenen. Då han kom til Jahas, gjekk han til åtak på dei.

<sup>24</sup> Men Israel slo han med sverd og tok landet hans frå Arnon til Jabbok, heilt til ammonittlandet. For langs grensa mot ammonittane var det sterke forsvarsverk.

<sup>25</sup>Alle desse byane tok Israel. Og Israel busette seg i amorittbyane, i Hesjbon og i alle landsbyane som høyrde til.

<sup>26</sup>For Hesjbon var byen til amorittkongen Sihon. Han hadde ført krig mot den førre kongen i Moab og teke frå han alt landet heilt til Arnon.

<sup>27</sup>Difor seier diktarane: Kom til Hesjbon, bygg byen opp att, gjer han urokkeleg, Sihons by!

<sup>28</sup> For eld gjekk ut frå Hesjbon, ein loge frå Sihons by, han fortærte Ar i Moab, slukte Bamot ved Arnon.

<sup>29</sup> Ve deg, du Moab! Det er ute med deg, du Kemosj-folk. Han har gjort sønene sine til flyktningar, sendt døtrene som fangeferd til amorittkongen Sihon.

<sup>30</sup>Vi skaut dei ned, Hesjbon ligg aud til Dibon. Vi herja heilt til Nofah, som ligg bortmed Medeba.

<sup>31</sup>No slo Israel seg ned i amorittlandet.

<sup>32</sup>Moses sende folk som skulle spionera i Jaser. Dei tok byane der omkring og dreiv ut amorittane som budde der.

<sup>33</sup>Så snudde dei og drog oppover til Basan. Då drog kong Og i Basan ut mot dei med heile hæren sin, og det kom til slag ved Edrei.

<sup>34</sup>Då sa Herren til Moses: «Ver ikkje redd han! Eg har gjeve både han og heile hæren hans og landet hans i dine hender. Du skal gjera det same med han som du gjorde med amorittkongen Sihon, som budde i Hesjbon.»

<sup>35</sup>Då slo dei han og sønene hans og heile hæren hans. Ingen overlevande vart att. Så tok dei landet i eige.

#### **4. Mosebok 22**

##### **Kongen i Moab sender bod til Bileam**

<sup>1</sup>Israel braut opp. Så slo dei leir på slettene i Moab, på den andre sida av Jordan, midt imot Jeriko.

<sup>2</sup>Balak, son til Sippor, såg alt det Israel hadde gjort med amorittane,

<sup>3</sup>og i Moab steig redsla for dette folket som var så talrikt. Dei var redde for å møte Israel.

<sup>4</sup>Moab sa til dei eldste i Midjan: «No kjem denne bølingen til å beita ned alt omkring oss her, akkurat som når oksane beiter graset snautt ute på markene.» På den tid var Balak, son til Sippor, konge i Moab.

<sup>5</sup>Han sende bodberarar til Bileam, son til Beor, i Petor, som ligg ved elva i det landet der folket hans budde. Dei skulle be han koma, og seia: «Sjå, eit folk har drege ut frå Egypt. Dei dekkjer landet så langt auga rekk, og dei har slege seg ned beint framfor meg.

<sup>6</sup>No må du koma og forbanna dette folket! Dei er for talrike for meg. Kanskje eg då kan slå dei og driva dei ut av landet. For eg veit at den du velsignar, er velsigna, og den du forbannar, er forbanna.»

<sup>7</sup>Dei eldste i Moab og dei eldste i Midjan tok av stad, og dei hadde spåmannsløn med seg. Då dei kom til Bileam, bar dei fram bodet frå Balak.

<sup>8</sup>Han sa til dei: «Ver her i natt, så skal eg seia dykk det Herren har sagt til meg.» Så gav Moab-hovdingane seg til hos Bileam.

<sup>9</sup>Gud kom til Bileam og sa: «Kven er desse mennene du har hos deg?»

<sup>10</sup>Bileam svara Gud: «Balak, son til Sippor, kongen i Moab, har sendt bod til meg:

<sup>11</sup>Sjå dette folket som har kome frå Egypt. Dei dekkjer landet så langt auga rekk. Du må koma og forbanna dei for meg! Kanskje eg då kan strida mot dei og driva dei ut.»

<sup>12</sup>Gud sa til Bileam: «Gå ikkje med dei! Du skal ikkje forbanna folket, for det er velsigna.»

<sup>13</sup>Då Bileam stod opp om morgonen, sa han til hovdingane som Balak hadde sendt: «Gå tilbake til landet dykkar! Herren gjev meg ikkje lov til å følgja med dykk.»

<sup>14</sup>Moab-hovdingane tok av stad. Dei kom til Balak og sa: «Bileam ville ikkje vera med oss.»

<sup>15</sup>Då sende Balak andre hovdingar, fleire og av høgare byrd enn dei første.

<sup>16</sup>Dei kom til Bileam og sa: «Så seier Balak, son til Sippor: Eg bed deg, lat ikkje noko hindra deg i å koma til meg!

<sup>17</sup>For eg skal visa deg stor ære, og alt det du bed om, skal eg gjera. Kom no og forbann dette folket for meg!»

<sup>18</sup>Bileam svara tenarane til Balak: «Om Balak gav meg alt sølv og gull han har i huset, kunne eg ikkje gå imot det Herren min Gud seier, korkje i smått eller stort.

<sup>19</sup>No bed eg om at de òg må vera her i natt, så får eg vita kva meir det er Herren vil seia meg.»

<sup>20</sup>Om natta kom Gud til Bileam og sa til han: «Er desse mennene komne for å henta deg, så stå opp og gå med dei! Men gjer ikkje anna enn det eg seier deg.»

### **Bileams esel**

<sup>21</sup>Om morgonen stod Bileam opp, sala eselhoppa si og drog av stad saman med Moab-hovdingane.

<sup>22</sup>Då flamma Guds vreide opp fordi han drog, og Herrens engel stilte seg framfor han på vegen som ein motstandar. Sjølv kom han ridande på eselet sitt i lag med dei to tenarane sine.

<sup>23</sup>Då fekk eselet auga på Herrens engel som stod der på vegen med drege sverd i handa. Eselet tok av frå vegen og gjekk ut på marka. Men Bileam slo eselet for å få det inn att på vegen.

<sup>24</sup>Sidan stilte Herrens engel seg på ein smal veg mellom vinmarkene. Det var steingard på begge sider.

<sup>25</sup>Då eselet såg Herrens engel, pressa det seg inn til muren og klemde foten til Bileam mot steinane. Då slo han det ein gong til.

<sup>26</sup>Endå ein gong gjekk Herrens engel framom og stilte seg på ein trong stad, der det ikkje var plass til å vika unna, korkje til høgre eller venstre.

<sup>27</sup>Då eselet fekk auga på Herrens engel, la det seg ned under Bileam. Raseriet flamma opp i Bileam, og han slo eselet med staven sin.

<sup>28</sup> Då gav Herren eselet munn og mæle, og det sa til Bileam: «Kva har eg gjort deg? No er det tredje gongen du slår meg.»

<sup>29</sup>Bileam svara eselet: «Du har halde meg for narr. Hadde eg berre eit sverd i handa, skulle eg drepa deg no!»

<sup>30</sup>Men eselet sa til Bileam: «Er ikkje eg eselet ditt, som du alltid har ride på, heilt til denne dag? Har eg nokon gong hatt for vane å gjera slikt mot deg?» «Nei», svara han.

<sup>31</sup>Då opna Herren auga til Bileam, og han såg Herrens engel som stod på vegen med drege sverd i handa. Straks bøygde han seg og kasta seg ned med andletet mot jorda.

<sup>32</sup>Herrens engel sa til han: «Kvifor har du no tre gonger slege eselet ditt? Sjå, eg har gått ut for å stå deg imot. For eg ser at dette er ei farleg ferd.

<sup>33</sup>Eselet såg meg og tok av vegen for meg alle tre gongene. Hadde det ikkje det gjort, ville eg no ha drepe deg, men late eselet leva.»

<sup>34</sup>Då sa Bileam til Herrens engel: «Eg har synda! Eg skjøna ikkje at du stod framfor meg på vegen. Om dette er urett i dine auge, skal eg venda heim att.»

<sup>35</sup>Herrens engel sa til Bileam: «Følg med desse mennene! Men du må ikkje seia noko anna enn det eg byd deg.» Så følgde Bileam med hovdingane åt Balak.

### Balak og Bileam

<sup>36</sup> Då Balak fekk høyra at Bileam kom, tok han av stad for å møte han i Ir-Moab, som ligg ved Arnon, i utkanten av landet.

<sup>37</sup>Balak sa til Bileam: «Sende eg ikkje bod gong på gong for å henta deg? Kvifor kom du ikkje? Skulle ikkje eg kunna visa deg ære?»

<sup>38</sup> Bileam svara: «Sjå, no er eg komen til deg. Og no, kan eg seia kva som helst? Dei orda som Gud legg meg i munnen, dei må eg tala.»

<sup>39</sup>Så følgde Bileam med kong Balak, og dei kom til Kirjat-Husot.

<sup>40</sup>Balak slakta storfe og småfe og sende til Bileam og dei hovdingane som var med han.

<sup>41</sup>Morgonen etter tok Balak med seg Bileam og førte han opp til Bamot Baal. Derifrå kunne han sjå den ytste delen av folkemengda.

## 4. Mosebok 23

<sup>1</sup>Då sa Bileam til Balak: «Bygg sju altar for meg her, og gjer klar sju oksar og sju vêrar til meg!»

<sup>2</sup>Balak gjorde som Bileam sa, og dei ofra ein okse og ein vêr på kvart altar.

<sup>3</sup>Så sa Bileam til Balak: «Still deg her attmed brennoffera dine medan eg går av stad. Kanskje Herren kjem til møtes med meg. Og det han lèt meg sjå, skal eg kunngjera deg.» Så gjekk han opp på ei snau høgd.

### **Bileams tale**

<sup>4</sup>Gud kom til møtes med Bileam, og Bileam sa til han: «No har eg stelt til dei sju altara, og på kvart altar har eg ofra ein okse og ein vêr.»

<sup>5</sup>Då la Herren ord i munnen på Bileam og sa: «Gå tilbake til Balak og sei det eg har sagt deg.»

<sup>6</sup>Bileam gjekk tilbake og fekk sjå Balak stå bortmed brennoffera sine saman med alle Moabs hovdingar.

<sup>7</sup>Då bar han fram sin visdomstale: Frå Aram vart eg henta av Balak, frå fjella i aust av Moabs konge: «Kom! Lys forbanning over Jakob for meg! Kom! Kall vreide ned over Israel!»

<sup>8</sup>Kan eg forbanna den som Gud ikkje har forbanna? Kan eg kalla vreide ned når Herren ikkje er vreid?

<sup>9</sup>Eg ser han frå toppen av berga, frå høgdene skodar eg han: Her er eit folk som bur for seg sjølv, det blir ikkje rekna blant andre folkeslag.

<sup>10</sup>Kven kan telja Jakobs støvkorn, kven kjenner talet på Israels støvgrann? Gjev eg fekk døy slik den rettvisе døy, gjev livet mitt enda som hans!

<sup>11</sup>Då sa Balak til Bileam: «Kva er det du gjer mot meg? Eg gav deg i oppdrag å forbanna fiendane mine, og sjå, no har du rikt velsigna dei!»

<sup>12</sup>Bileam svara: «Skulle eg ikkje ta meg i vare og seia det Herren legg meg i munnen?»



<sup>13</sup>Men Balak sa til han: «Kom og ver med meg til ein annan stad der du òg kan sjå folket. Men frå den staden kan du berre sjå utkanten av dei, og ikkje alle. Derifrå kan du forbanna dei for meg.»

<sup>14</sup>Så tok han Bileam med seg til vakthaugen på toppen av Pisga-fjellet. Der bygde han sju altar, og på kvart altar ofra han ein okse og ein vêr.

<sup>15</sup>Bileam sa til Balak: «Still deg her attmed brennoffera dine medan eg møter Gud der borte.»

<sup>16</sup>Herren kom til møtes med Bileam og la ord i munnen hans. «Gå tilbake til Balak», sa han, «og sei det eg har sagt deg.»

<sup>17</sup>Då Bileam kom att, såg han at Balak stod attmed brennoffera sine. Moabs hovdingar stod saman med han. Balak spurde: «Kva sa Herren?»

<sup>18</sup>Då bar han fram sin visdomstale: Reis deg, Balak, og høyr! Legg øyret til, du son til Sippor!

<sup>19</sup> Gud er ikkje ein mann, så han lyg, eit menneskebarn, så han skifter hug. Gjer han ikkje det han seier, held han ikkje det han lovar?

<sup>20</sup>Eg fekk i oppdrag å velsigna. Velsignar han, kan ikkje eg gjera det om.

<sup>21</sup>Det er ingen vondskap i sikte for Jakob, inga ulukke å sjå for Israel. Herren deira Gud er med dei, med jubelrop blir kongen hylla hos dei.

<sup>22</sup> Gud, som førte dei ut av Egypt, har styrke som ein villokse.

<sup>23</sup> For det er ingen som tek varsel i Jakob, det finst ikkje spådom i Israel. I rette tid blir det sagt til Jakob og Israel kva Gud har gjort.

<sup>24</sup> Sjå, folket reiser seg som ei løvinne, som ei løve fer det opp! Det legg seg ikkje til ro før det har metta seg med rov og drukke blodet av dei det drap.

<sup>25</sup>Då sa Balak til Bileam: «Du vil ikkje forbanna dei. Då skal du heller ikkje velsigna dei!»

<sup>26</sup> Men Bileam svara: «Har eg ikkje sagt deg at eg må gjera alt det som Herren seier?»

<sup>27</sup>Då sa Balak til Bileam: «Kom, så skal eg ta deg med til ein annan stad. Kanskje Gud synest det er rett at du forbannar folket for meg derifrå.»

<sup>28</sup>Så tok Balak med seg Bileam opp på toppen av Peor-fjellet, der ein kan sjå ut over heile øydemarka.

<sup>29</sup>Bileam sa til Balak: «Bygg sju altar for meg her, og gjer klar sju oksar og sju vêrar til meg!»

<sup>30</sup>Balak gjorde som Bileam sa, og ofra ein okse og ein vêr på kvart altar.

#### **4. Mosebok 24**

<sup>1</sup>Bileam såg at det var godt i Herrens auge at Israel vart velsigna. Difor gjekk han ikkje bort og søkte varsel denne gongen, slik han hadde gjort dei andre gongene. I staden vende han andletet mot ørkenen.

<sup>2</sup>Bileam lyfte auga og såg Israel som låg i leir, stamme for stamme. Då kom Guds ande over han,

<sup>3</sup>og han bar fram sin visdomstale: Ord frå Bileam, son til Beor, ord frå mannen med det klare auget,

<sup>4</sup>ord frå ein som høyrer Guds tale og ser syn frå Den veldige, som sig saman, men med opna auge:

<sup>5</sup>Kor vakre dine telt er, Jakob, dine bustader, Israel,

<sup>6</sup>som vide dalar, som hagar langs ei elv, lik aloetre planta av Herren, lik sedrar langsmed vatnet.

<sup>7</sup>Dogga dryp frå greinene, frøet får rikeleg med væte. Større enn Agag skal kongen deira vera, hans kongevelde skal lyftast høgt.

<sup>8</sup>Gud, som førte han ut av Egypt, har styrke som ein villokse. Han sluker fiendefolk, knuser knoklane deira og sårar med pilene sine.

<sup>9</sup>Han har lagt seg til ro, han kviler som løva, som løvinna – kven vekker dei? Velsigna er den som velsignar deg, forbanna den som forbannar deg.

**10**Då flamma Balaks vreide opp mot Bileam. Han slo hendene saman og sa til han: «Eg kalla deg hit for at du skulle forbanna fiendane mine, og sjå, no har du velsigna dei rikt tre gonger!

**11**Kom deg no heim att! Eg sa eg skulle visa deg stor ære. Men sjå, den æra har Herren nekta deg.»

**12**Bileam svara Balak: «Eg sa då alt til dei mennene du sende:

**13** Om Balak gav meg alt sølv og gull han har i huset, kunne eg ikkje gå imot det Herrenseier og gjera noko etter mitt eige hjarte, anten godt eller vondt. Det Herren har sagt, må eg seia.

**14**Sjå, no dreg eg heim att til mitt eige folk. Men først vil eg varsla deg kva dette folket kjem til å gjera mot folket ditt i dagar som kjem.»

**15**Så bar han fram sin visdomstale: Ord frå Bileam, son til Beor, ord frå mannen med det klåre auget,

**16**ord frå han som høyrer Guds utsegn, som får kjenna kunnskapen frå Den høgste og sjå syn frå Den veldige, som sig saman, men med opna auge:

**17** Eg ser han, men ikkje no, eg skodar han, men ikkje nær. Ei stjerne stig opp or Jakob, ein kongsstav lyfter seg frå Israel. Han skal knusa Moabs tinningar og skallen på alle søner av Set.

**18** Edom skal bli hærteke, Se'ir blir teke i eige av fienden. Israel skal visa si makt.

**19** Ein herskar dreg ut frå Jakob, han ryddar ut dei overlevande frå byen.

**20** Så fekk Bileam sjå amalekittane. Då bar han fram sin visdomstale: Det fremste av folkeslag er Amalek, men til sist skal han gå under.

**21** Då han såg kenittane, bar fram sin visdomstale: Varig er bustaden din, ditt reir er lagt på berget.

**22**Likevel skal Kain tærast opp av eld. Kor lenge er det før Assur fører deg i fangenskap?

<sup>23</sup>Han bar fram sin visdomstale: Ve! Kven slepp frå det med livet om ikkje Gud har vilja det så?

<sup>24</sup>Frå Kittim kjem det skip. Dei legg under seg Assur, dei legg under seg Eber, men han òg skal gå under.

<sup>25</sup>Så stod Bileam opp og drog tilbake til heimstaden sin. Balak òg drog sin veg.

## 4. Mosebok 25

### Israels fråfall ved Peor

<sup>1</sup>Medan israelittane heldt til i Sjittim, tok dei til å driva hor med moabittkvinner.

<sup>2</sup>Desse kvinnene bad dei til ofringar for gudane sine, og folket åt og tilbad gudane deira.

<sup>3</sup>Då Israel batt seg til Baal-Peor, flamma Herrens vreide opp mot Israel.

<sup>4</sup>Han sa til Moses: «Ta alle leiarane i folket og heng dei opp for Herren under open himmel! Så vil Herrens brennande vreide venda seg bort frå Israel.»

<sup>5</sup>Moses sa til dommarane i Israel: «Kvar av dykk skal drepa dei av mennene dykkar som har halde seg til Baal-Peor.»

<sup>6</sup>Men sjå, då kom ein mann, ein av israelittane, med ei kvinne frå Midjan. Han førte henne inn mellom sine eigne landsmenn, midt for auga på Moses og heile Israels forsamling, der dei sat og gret ved opninga til teltheilagdomen.

<sup>7</sup>Då Pinhas, som var son til presten Elasar og soneson til Aron, såg det, reiste han seg, steig fram or flokken og tok eit spyd.

<sup>8</sup>Så følgde han etter israelitten inn i soverommet og rende det gjennom dei begge, både israelitten og kvinna, så det gjekk inn i livet hennar. Då stogga pesten som herja mellom israelittane.

<sup>9</sup>Men dei som hadde mista livet i pesten, var tjuetusen.

<sup>10</sup>Herren sa til Moses:

<sup>11</sup>«Pinhas, son til presten Elasar og soneson til Aron, har vendt harmen min bort frå israelittane fordi han viste brennande iver for meg mellom dei. Difor gjorde eg ikkje ende på dei i min eigen brennande iver.

<sup>12</sup>Av den grunn skal du seia: Eg gjer mi fredspakt med han.

<sup>13</sup> Med han og etterkomarane hans skal det gjerast ei pakt om presteteneste for all framtid, fordi han viste brennande iver for sin Gud og gjorde soning for israelittane.»

<sup>14</sup>Namnet på den israelitten som vart drepen, han som vart stukken ned saman med midjanittkvinna, var Simri, son til Salu, ein av leiarane i Simonstammen.

<sup>15</sup> Og den drepne midjanittkvinna heitte Kosbi. Ho var dotter til Sur, som var leiar for ei av slektene i Midjan.

<sup>16</sup>Sidan sa Herren til Moses:

<sup>17</sup> «Gå til strid mot midjanittane og slå dei ned!

<sup>18</sup>For dei gjekk til strid og la ei listig felle for dykk. Det var dette som hende i saka med Peor og med Kosbi, ho som var dotter til ein midjanittleiar, og ei av deira eigne, og som vart drepen den gongen pesten herja etter saka med Peor.»

### Ny folketeljning

<sup>19</sup>Då pesten var over,

#### 4. Mosebok 26

<sup>1</sup>sa Herren til Moses og presten Elasar, son til Aron:

<sup>2</sup>«Tel opp heile Israelsfolket, familie for familie, alle stridsføre menn i Israel som er tjue år eller meir!»

<sup>3</sup>Då sa Moses og presten Elasar frå om dette på slettene i Moab, ved Jordan, midt for Jeriko. Dei sa:

<sup>4</sup>«– alle som er tjue år eller meir, slik Herren har pålagt Moses!» Dette er etterkomarane av dei israelittane som drog ut frå Egypt:

<sup>5</sup>Ruben, Israels førstefødde, og Rubens etterkomarar: Frå Henok kjem Henok-slekta, frå Pallu Pallu-slekta,

<sup>6</sup>frå Hesron Hesron-slekta og frå Karmi Karmi-slekta.

<sup>7</sup>Det var Ruben-slektene, og av dei vart 43 730 mønstra.

<sup>8</sup>Son til Pallu var Eliab,

<sup>9</sup>og sønene til Eliab var Nemuel, Datan og Abiram. Det var Datan og Abiram, menn som var utvalde frå forsamlinga, som gjorde opprør mot Moses og Aron den gongen Korahs forsamling sette seg opp mot Herren.

<sup>10</sup>Jorda opna gapet og slukte både dei og Korah då forsamlinga hans omkom, den gongen elden gjorde ende på to hundre og femti mann. Dei vart eit teikn til åtvaring.

<sup>11</sup>Men sønene til Korah mista ikkje livet.

<sup>12</sup> Dette er etterkomarane av Simon, slekt for slekt: Frå Nemuel kjem Nemuel-slekta, frå Jamin Jamin-slekta, frå Jakin Jakin-slekta,

<sup>13</sup>frå Serah Serah-slekta og frå Saul Saul-slekta.

<sup>14</sup>Det var Simon-slektene, 22 200 i talet.

<sup>15</sup> Dette er etterkomarane av Gad, slekt for slekt: Frå Sefon kjem Sefon-slekta, frå Haggi Haggi-slekta, frå Sjuni Sjuni-slekta,

<sup>16</sup>frå Osni Osni-slekta, frå Eri Eri-slekta,

<sup>17</sup>frå Arod Arod-slekta og frå Areli Areli-slekta.

<sup>18</sup>Det var slektene til Gad-sønene, og talet på dei som vart mønstra, var 40 500.

<sup>19</sup> Sønene til Juda var Er og Onan. Dei døydde i Kanaan.

<sup>20</sup>Dette er etterkomarane av Juda, slekt for slekt: Frå Sjela kjem Sjela-slekta, frå Peres Peres-slekta og frå Serah Serah-slekta.

<sup>21</sup> Dette er etterkomarane av Peres: Frå Hesron kjem Hesron-slekta og frå Hamul Hamul-slekta.

- <sup>22</sup>Det var Juda-slektene, og talet på dei som vart mønstra, var 76 500.
- <sup>23</sup> Etterkomarane av Jissakar, slekt for slekt: Frå Tola kjem Tola-slekta, frå Puvva Puvva-slekta,
- <sup>24</sup>frå Jasjub Jasjub-slekta og frå Sjimron Sjimron-slekta.
- <sup>25</sup>Det var Jissakar-slektene, og talet på dei som vart mønstra, var 64 300.
- <sup>26</sup> Etterkomarane av Sebulon, slekt for slekt: Frå Sered kjem Sered-slekta, frå Elon Elon-slekta og frå Jahleel Jahleel-slekta.
- <sup>27</sup>Det var Sebulon-slektene, og talet på dei som vart mønstra, var 60 500.
- <sup>28</sup>Etterkomarane av Josef, slekt for slekt, Manasse og Efraim:
- <sup>29</sup>Dette er etterkomarane av Manasse: Frå Makir kjem Makir-slekta og frå Gilead Gilead-slekta. Makir var far til Gilead.
- <sup>30</sup> Og dette er etterkomarane av Gilead: Frå Jeser kjem Jeser-slekta, frå Helek Helek-slekta,
- <sup>31</sup>frå Asriel Asriel-slekta, frå Sikem Sikem-slekta,
- <sup>32</sup>frå Sjemida Sjemida-slekta og frå Hefer Hefer-slekta.
- <sup>33</sup> Selofhad, son til Hefer, hadde ingen søner, berre døtrer. Namna på døtrene til Selofhad var Mahla, Noa, Hogla, Milka og Tirsas.
- <sup>34</sup>Det var Manasse-slektene, og talet på dei som vart mønstra, var 52 700.
- <sup>35</sup> Dette er etterkomarane av Efraim, slekt for slekt: Frå Sjutelah kjem Sjutelah-slekta, frå Beker Beker-slekta og frå Tahan Tahan-slekta.
- <sup>36</sup>Dette er etterkomarane av Sjutelah: Frå Eran kjem Eran-slekta.
- <sup>37</sup>Det var slektene til Efraim-sønene, og talet på dei som vart mønstra, var 32 500. Det var etterkomarane av Josef, slekt for slekt.
- <sup>38</sup> Dette er etterkomarane av Benjamin, slekt for slekt: Frå Bela kjem Bela-slekta, frå Asjbel Asjbel-slekta, frå Ahiram Ahiram-slekta,
- <sup>39</sup>frå Sjufam Sjufam-slekta og frå Hufam Hufam-slekta.

<sup>40</sup>Bela hadde desse etterkomarane: Ard og Naaman. Frå Ard kjem Ard-slekta og frå Naaman Naaman-slekta.

<sup>41</sup>Det var etterkomarane av Benjamin, slekt for slekt, og talet på dei som vart mønstra, var 45 600.

<sup>42</sup> Dette er etterkomarane av Dan, slekt for slekt: Frå Sjuham kjem Sjuham-slekta. Det var Dan-slektene, slekt for slekt.

<sup>43</sup>Talet på dei som hørde Sjuham-slektene til, var 64 400.

<sup>44</sup> Dette er etterkomarane av Asjer, slekt for slekt: Frå Jimna kjem Jimna-slekta, frå Jisjvi Jisjvi-slekta, frå Beria Beria-slekta.

<sup>45</sup>Etterkomarane av Beria er: frå Heber Heber-slekta og frå Malkiel Malkiel-slekta.

<sup>46</sup>Asjers dotter heitte Sera.

<sup>47</sup>Det var slektene til Asjer-sønene, og talet på dei som vart mønstra, var 53 400.

<sup>48</sup> Dette er etterkomarane av Naftali, slekt for slekt: Frå Jahseel kjem Jahseel-slekta, frå Guni Guni-slekta,

<sup>49</sup>frå Jeser Jeser-slekta og frå Sjillem Sjillem-slekta.

<sup>50</sup>Det var Naftali-slektene, slekt for slekt, og talet på dei som vart mønstra, var 45 400.

<sup>51</sup> Dette var dei av israelittane som vart mønstra, 601 730 i alt.

<sup>52</sup>Herren sa til Moses:

<sup>53</sup>«Mellom desse skal landet fordelast til odel og eige, etter folketalet.

<sup>54</sup> Til dei talrike skal du gje ein stor eigedom og til dei fåtalige ein mindre. Kvar stamme skal få eigedom etter kor mange som vart mønstra.

<sup>55</sup>Landet skal delast ved loddkasting. Dei skal få arvedel etter namna på stammene til fedrane deira.

<sup>56</sup>Etter som loddet fell, skal kvar stamme, stor eller liten, få sin eigedom.»



<sup>57</sup> Dette er dei levittane som vart mønstra, slekt for slekt: frå Gersjon Gersjon-slekta, frå Kehat Kehat-slekta og frå Merari Merari-slekta.

<sup>58</sup> Desse slektene kjem frå levittane: Libni-slekta, Hebron-slekta, Mahli-slekta, Musji-slekta og Korah-slekta. Kehat fekk sonen Amram;

<sup>59</sup> kona til Amram heitte Jokebed. Ho var dotter til Levi og var fødd i Egypt. Ho fødte Amram sønene Aron og Moses og syster deira, Mirjam.

<sup>60</sup> Aron fekk sønene Nadab, Abihu, Elasar og Itamar.

<sup>61</sup> Men Nadab og Abihu døyde då dei bar uvigsla eld fram for Herren.

<sup>62</sup> Talet på levittane var 23 000 når alle menn og alle gutar som var meir enn ein månad gamle, var medrekna. Levittane vart ikkje mønstra saman med dei andre israelittane, fordi dei ikkje fekk nokon eigedom som dei andre israelittane.

<sup>63</sup> Dette er dei som vart mønstra då Moses og presten Elasar mønstra israelittane på slettene i Moab, ved Jordan, midt for Jeriko.

<sup>64</sup> Blant desse var det ingen att av dei som vart mønstra den gongen Moses og presten Aron mønstra israelittane i Sinai-ørkenen.

<sup>65</sup> For Herren hadde sagt til dei at dei skulle døy i ørkenen. Av dei var det ingen annan att enn Kaleb, son til Jefunne, og Josva, son til Nun.

## 4. Mosebok 27

### Lov om arverett for døtrer

<sup>1</sup> No kom døtrene til Selofhad fram. Selofhad var son til Hefer, son til Gilead, son til Makir, son til Manasse, Josefs son. Døtrene heitte Mahla, Noa, Hogla, Milka og Tirsa.

<sup>2</sup> Dei stilte seg opp framfor Moses og presten Elasar og leiarane og heile forsamlinga ved opninga til teltheilagdomen og sa:

<sup>3</sup> «Far vår døyde i ørkenen, men han var ikkje med i den forsamlinga som sette seg opp mot Herren, Korahs forsamling. Han døyde på grunn av si eiga synd. Og han hadde ingen søner.

<sup>4</sup>Skal namnet til far vår gå ut av slekta fordi han ikkje hadde nokon son? Lat oss få eigedom saman med farbrørne våre!»

<sup>5</sup>Moses la saka deira fram for Herren,

<sup>6</sup>og Herren sa til han:

<sup>7</sup>«Det er rett, det som døtrene til Selofhad seier. Gjev dei eigedom til arv saman med farbrørne deira, og lat farsarven gå over til dei!

<sup>8</sup>Sei til israelittane: Når ein mann døyr sonelaus, skal de la arven etter han gå over til dottera.

<sup>9</sup>Har han inga dotter heller, skal de gje arven til brørne hans.

<sup>10</sup>Og har han ikkje brør, skal de la farbrørne hans få arven.

<sup>11</sup>Men hadde ikkje far hans nokon bror, skal de gje arven etter han til den næraste slektningen hans. Då er den hans eigedom.» Dette skal vera lov og rett for israelittane, slik Herren påla Moses.

### **Josva blir innsett i tenesta**

<sup>12</sup> Herren sa til Moses: «Stig opp på Abarim-fjellet og sjå det landet eg har gjeve israelittane.

<sup>13</sup> Når du har sett det, skal du òg bli sameina med folket ditt, slik som Aron, bror din, før deg.

<sup>14</sup> For de sette dykk opp mot mitt ord i Sin-ørkenen den gongen forsamlinga gjorde opprør. Då skulle de ha helga meg for auga på dei ved hjelp av vatnet.» – Det er Meriba-kjelda ved Kadesj i Sin-ørkenen.

<sup>15</sup>Moses sa til Herren:

<sup>16</sup> «Må Herren, som er Gud over livsanden i alt som er av kjøt og blod, setja ein mann over forsamlinga,

<sup>17</sup> ein som kan gå føre dei når dei dreg ut og når dei vender heim att, ein som kan føra dei ut og føra dei tilbake, så Herrens forsamling ikkje skal vera som sauer utan gjetar.»

<sup>18</sup> Då sa Herren til Moses: «Ta Josva, son til Nun, ein mann som det er ånd i, og legg handa di på han!

<sup>19</sup> Før han fram for presten Elasar og for heile forsamlinga, og set han inn i tenesta medan dei ser på.

<sup>20</sup> Gjev han noko av den makta du sjølv har, så heile Israels forsamling må lyda han.

<sup>21</sup> Men han skal gå fram for presten Elasar, som skal bruka urim og søkja avgjerder for han for Herrens andlet. På hans ord skal dei dra ut, og på hans ord skal dei venda attende, han og alle israelittane saman med han, heile forsamlinga.»

<sup>22</sup> Moses gjorde som Herren påla han. Han tok Josva og førte han fram for presten Elasar og for heile forsamlinga.

<sup>23</sup> Og Elasar la hendene på han og sette han inn i tenesta, slik som Herren hadde sagt gjennom Moses.

#### **4. Mosebok 28**

##### **Lov om ofring på høgtidsdagar**

<sup>1</sup> Herren sa til Moses:

<sup>2</sup> Gjev israelittane dette påbodet og sei til dei: Mine offer av mat, gåveoffer til godange for meg, må de syta for å bera fram for meg til fastsett tid.

<sup>3</sup> Du skal seia til dei: Dette er gåveofferet som de skal bera fram for Herren: kvar dag to årsgamle lam utan feil. Det er det daglege brennofferet.

<sup>4</sup> Det eine lammet skal du ofra om morgonen, det andre skal du ofra i skumringa.

<sup>5</sup> Som grødeoffer skal du bera fram ein tiandedels efa kveitemjøl blanda med ein fjerdedels hin olje av knust oliven.

<sup>6</sup> Dette er det daglege brennofferet, som først vart frambore ved Sinai-fjellet, eit gåveoffer til godange for Herren.

<sup>7</sup>Drikkofferet som høyrer til det første lammet, skal vera ein fjerdedels hin, eit offer sterk drikk som du heller ut for Herren i heilagdomen.

<sup>8</sup>Det andre lammet skal du ofra i skumringa, og du skal ofra det same grødeofferet og drikkofferet som om morgonen. Det skal vera eit gåveoffer til godange for Herren.

<sup>9</sup>På sabbatsdagen skal du ofra to årsgamle lam utan feil, og som grødeoffer to tiandedels efa kveitemjøl blanda med olje og drikkofferet som høyrer til.

<sup>10</sup>Dette er sabbats-brennofferet, eit brennoffer for kvar sabbat, i tillegg til det daglege brennofferet og drikkofferet som høyrer til.

<sup>11</sup> På nymånedagane skal de bera fram brennoffer for Herren: to unge oksar, ein vêr og sju årsgamle lam utan feil.

<sup>12</sup>For kvar okse skal de som grødeoffer bera fram tre tiandedels efa kveitemjøl blanda med olje, for den eine vêren to tiandedels efa kveitemjøl blanda med olje

<sup>13</sup>og for kvart lam ein tiandedels efa kveitemjøl blanda med olje. Det skal vera brennoffer til godange, eit gåveoffer for Herren.

<sup>14</sup>Drikkoffera som høyrer til, skal vera ein halv hin vin for kvar okse, ein tredjedels hin for vêren og ein fjerdedels hin for kvart lam. Dette er nymåne-brennofferet, som skal berast fram kvar nymånedag i året.

<sup>15</sup>Ein geitebukk skal de òg ofra som syndoffer til Herren, i tillegg til det daglege brennofferet og drikkofferet som høyrer til.

<sup>16</sup> Den fjortande dagen i den første månaden er det påske for Herren.

<sup>17</sup>Og frå den femtande dagen i same månaden er det høgtid. Då skal det etast usyra brød i sju dagar.

<sup>18</sup>Den første dagen skal de halda ei heilag samling. Då må de ikkje gjera noko tungt arbeid.

<sup>19</sup>Som gåveoffer, brennoffer for Herren, skal de bera fram to unge oksar, ein vêr og sju årsgamle lam, og dei må vera utan feil.

<sup>20</sup>Grødeofferet som høyrer til, skal vera kveitemjøl blanda med olje, tre tiandedels efa for kvar okse, to tiandedels efa for vêren

<sup>21</sup>og ein tiandedels efa for kvart av dei sju lamma.

<sup>22</sup>Ein geitebukk skal de bera fram som syndoffer til soning for dykk.

<sup>23</sup>Dette skal de ofra i tillegg til den delen av det daglege brennofferet som blir frambore om morgonen.

<sup>24</sup>Slik skal de bera fram offer dagleg i sju dagar, som mat, som gåveoffer til godange for Herren. Det skal ofrast i tillegg til det daglege brennofferet, med drikkofferet som høyrer til.

<sup>25</sup>Den sjuande dagen skal det vera heilag samling for dykk. Då må de ikkje gjera noko tungt arbeid.

<sup>26</sup> På førstegrødedagen, når de feirar vekefesten og ber fram for Herren offer av den nye grøda, skal det vera heilag samling. Då må de ikkje gjera noko tungt arbeid.

<sup>27</sup>De skal bera fram eit brennoffer til godange for Herren: to unge oksar, ein vêr og sju årsgamle lam.

<sup>28</sup>Grødeofferet som høyrer til, skal vera kveitemjøl blanda med olje, tre tiandedels efa for kvar okse, to tiandedels efa for vêren

<sup>29</sup>og ein tiandedels efa for kvart av dei sju lamma.

<sup>30</sup>Ein geitebukk skal de bera fram til soning for dykk.

<sup>31</sup>Dette skal de ofra i tillegg til det daglege brennofferet med grødeofferet og drikkofferet som høyrer til. Dyra må vera utan feil.

#### **4. Mosebok 29**

<sup>1</sup> Den første dagen i den sjuande månaden skal de halda ei heilag samling. Då skal de ikkje gjera noko tungt arbeid. Det skal vera ein dag då hornet skal ljoma hos dykk.

<sup>2</sup>De skal bera fram brennoffer til godange for Herren: ein ung okse, ein vêr og sju årsgamle lam utan feil.

<sup>3</sup>Grødeofferet som høyrer til, skal vera kveitemjøl blanda med olje, tre tiandedels efa for oxsen, to tiandedels efa for vêren

<sup>4</sup>og ein tiandedels efa for kvart av dei sju lamma.

<sup>5</sup>Ein geitebukk skal de bera fram som syndoffer, til soning for dykk.

<sup>6</sup>Dette skal de ofra i tillegg til nymåne-brennofferet og det daglege brennofferet, med grødeofferet og drikkofferet som høyrer til, slik regelen seier. Det skal vera eit gâveoffer til godange for Herren.

<sup>7</sup> Den tiande dagen i same månaden, den sjuande, skal de halda ei heilag samling. De skal visa måtehald og ikkje gjera noko arbeid.

<sup>8</sup>De skal ofra brennoffer til godange for Herren: ein okse, ein vêr og sju årsgamle lam, og dei må vera utan feil.

<sup>9</sup>Grødeofferet som høyrer til, skal vera kveitemjøl blanda med olje, tre tiandedels efa for oxsen, to tiandedels efa for vêren

<sup>10</sup>og ein tiandedels efa for kvart av dei sju lamma.

<sup>11</sup>Ein geitebukk skal de bera fram som syndoffer, i tillegg til det sonande syndofferet og det daglege brennofferet med grødeofferet og drikkoffera som høyrer til.

<sup>12</sup> Den femtande dagen i den sjuande månaden skal de halda ei heilag samling. Då skal de ikkje gjera noko slags arbeid. I sju dagar skal de feira høgtid for Herren.

<sup>13</sup>De skal ofra brennoffer, eit gâveoffer til godange for Herren: tretten unge oksar, to vêrar og fjorten årsgamle lam. Dei skal vera utan feil.

<sup>14</sup>Grødeofferet som høyrer til, skal vera kveitemjøl blanda med olje, tre tiandedels efa for kvar av dei tretten oksane, to tiandedels efa for kvar av dei to vêrane

<sup>15</sup>og ein tiandedels efa for kvart av dei fjorten lamma.

<sup>16</sup>Ein geitebukk skal de bera fram som syndoffer, i tillegg til det daglege brennofferet med grødeofferet og drikkofferet som høyrer til.

<sup>17</sup>Den andre dagen skal de ofra tolv unge oksar, to vêrar og fjorten årsgamle lam utan feil.

<sup>18</sup>Grødeofferet og drikkoffera som høyrer til, skal svara til talet på oksar, vêrar og lam, slik regelen seier.

<sup>19</sup>Ein geitebukk skal de bera fram som syndoffer, i tillegg til det daglege brennofferet med grødeofferet og drikkoffera som høyrer til.

<sup>20</sup>Den tredje dagen skal de ofra elleve oksar, to vêrar og fjorten årsgamle lam utan feil.

<sup>21</sup>Grødeofferet og drikkoffera som høyrer til, skal svara til talet på oksar, vêrar og lam, slik regelen seier.

<sup>22</sup>Ein geitebukk skal de bera fram som syndoffer, i tillegg til det daglege brennofferet med grødeofferet og drikkofferet som høyrer til.

<sup>23</sup>Den fjerde dagen skal de ofra ti oksar, to vêrar og fjorten årsgamle lam utan feil.

<sup>24</sup>Grødeofferet og drikkoffera som høyrer til, skal svara til talet på oksar, vêrar og lam, slik regelen seier.

<sup>25</sup>Ein geitebukk skal de bera fram som syndoffer, i tillegg til det daglege brennofferet med grødeofferet og drikkofferet som høyrer til.

<sup>26</sup>Den femte dagen skal de ofra ni oksar, to vêrar og fjorten årsgamle lam utan feil.

<sup>27</sup>Grødeofferet og drikkoffera som høyrer til, skal svara til talet på oksar, vêrar og lam, slik regelen seier.

<sup>28</sup> Ein bukk skal de bera fram som syndoffer, i tillegg til det daglege brennofferet med grødeofferet og drikkofferet som høyrer til.

<sup>29</sup>Den sjette dagen skal de ofra åtte oksar, to vêrar og fjorten årsgamle lam utan feil.

<sup>30</sup>Grødeofferet og drikkoffera som høyrer til, skal svara til talet på oksar, vêrar og lam, slik regelen seier.

<sup>31</sup>Ein geitebukk skal de bera fram som syndoffer, i tillegg til det daglege brennofferet med grødeofferet og drikkoffera som høyrer til.

<sup>32</sup>Den sjuande dagen skal de ofra sju oksar, to vêrar og fjorten årsgamle lam utan feil.

<sup>33</sup>Grødeofferet og drikkoffera som høyrer til, skal svara til talet på oksar, vêrar og lam, slik regelen seier.

<sup>34</sup>Ein geitebukk skal de bera fram som syndoffer, i tillegg til det daglege brennofferet med grødeofferet og drikkofferet som høyrer til.

<sup>35</sup> Den åttande dagen skal de halda ei høgtidssamling. Då må de ikkje gjera noko slags arbeid.

<sup>36</sup>De skal bera fram brennoffer, gåveoffer til godange for Herren: ein okse, ein vêr og sju årsgamle lam utan feil.

<sup>37</sup>Grødeofferet og drikkoffera som høyrer til, skal svara til talet på oksar, vêrar og lam, slik regelen seier.

<sup>38</sup>Ein geitebukk skal de bera fram som syndoffer, i tillegg til det daglege brennofferet med grødeofferet og drikkofferet som høyrer til.

<sup>39</sup>Desse offera skal de bera fram for Herren til fastsette tider, i tillegg til lovnadsoffera og dei frivillige offera, anten det er brennoffer, grødeoffer, drikkoffer eller måltidsoffer.

#### **4. Mosebok 30**

<sup>1</sup> Dette sa Moses til isrealittane. Det var heilt og fullt så som Herren hadde pålagt Moses.

#### **Om lovnader**

<sup>2</sup> Moses sa til overhovuda for Israel-stammane: Dette har Herren gjeve påbod om:



<sup>3</sup> Den som gjev Herren ein lovnad eller bind seg med eid til å halda seg frå eit eller anna, må ikkje bryta ordet sitt, men gjera alt han har lova.

<sup>4</sup> Når ei ung kvinne som enno bur heime hos far sin, gjev Herren ein lovnad og bind seg til å halda seg frå noko,

<sup>5</sup> og far hennar får høyra om lovnaden og kva ho har bunde seg til, men ikkje seier noko til henne om det, då skal kvar lovnad og kvar plikt ho har teke på seg, stå ved lag.

<sup>6</sup> Men dersom far hennar same dagen som han får høyra om det, seier nei til henne, då skal ingen av lovnadene eller dei pliktene ho har teke på seg, stå ved lag. Og Herren skal tilgje henne, for faren sa nei til henne.

<sup>7</sup> Set at ho, når ho blir gjeven til ein mann, har ein lovnad på seg eller har bunde seg med eit tankelaust ord som kom over leppene hennar.

<sup>8</sup> Dersom mannen hennar får høyra om det, men ikkje seier noko til henne same dagen som han høyrer om det, då skal lovnadene og dei pliktene ho har teke på seg, stå ved lag.

<sup>9</sup> Men dersom mannen hennar same dagen som han får høyra om det, seier nei til henne, då gjer han den lovnaden ho har teke på seg, ugyldig, og like eins det tankelause ordet som ho har bunde seg med. Herren skal tilgje henne.

<sup>10</sup> Når ei enkje eller ei fråskild kvinne gjev ein lovnad, skal alt ho har bunde seg til, stå ved lag.

<sup>11</sup> Men dersom ho bur hos mannen sin og gjev ein lovnad eller bind seg til å halda seg frå noko,

<sup>12</sup> og mannen hennar får høyra om det, men teier og ikkje seier nei til henne, då skal kvar lovnad og kvar plikt ho har teke på seg, stå ved lag.

<sup>13</sup> Men dersom mannen hennar gjer dei ugyldige same dagen som han får høyra om dei, då skal ikkje noko som er kome over leppene hennar, stå ved lag, anten det er ein lovnad ho har gjeve, eller ei plikt ho har teke på seg. Mannen hennar har gjort det ugyldig, og Herren skal tilgje henne.

<sup>14</sup>Kvar lovnad ho har gjeve, og kvar eid som bind henne til å halda seg frå eit eller anna fordi ho vil visa måtehald, kan mannen hennar stadfesta eller gjera ugyldig.

<sup>15</sup>Dersom han teier og ikkje seier noko til henne frå den eine dagen til den andre, då stadfester han alt det ho har lova, eller alt det ho har bunde seg til. Han stadfester det når han ikkje seier noko same dagen som han får vita om det.

<sup>16</sup>Men dersom han gjer det ugyldig ei tid etter at han høyrde om det, må han bera hennar skuld.

<sup>17</sup>Dette er dei forskriftene Herren påla Moses om den retten som gjeld mellom mann og kvinne, og mellom far og dotter så lenge ho er ung og bur i huset til far sin.

## 4. Mosebok 31

### Strid og deling av byttet

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup>«Fullfør hemnen frå israelittane over midjanittane! Sidan skal du sameinast med folket ditt.»

<sup>3</sup>Då sa Moses til folket: «Nokre av dykk må væpna seg til strid. Dei skal gå mot midjanittane og fullføra Herrens hemn over dei.

<sup>4</sup>Tusen mann frå kvar stamme, frå alle stammene i Israel, skal de senda ut i striden.»

<sup>5</sup>Så vart tusen mann frå kvar stamme valde ut frå Israels tusen, i alt tolv tusen mann væpna til strid.

<sup>6</sup>Dei sende Moses ut i strid, tusen mann frå kvar stamme. Saman med dei i striden gjekk Pinhas, son til presten Elasar. Han hadde med seg tinga frå heilagdomen og signaltrompetane.

<sup>7</sup>Dei gjekk til strid mot Midjan, slik Herren hadde pålagt Moses, og drap alle mennene der.

<sup>8</sup> I tillegg til dei andre som fall, drap dei Midjan-kongane Evi, Rekem, Sur, Hur og Reba. Det var dei fem kongane i Midjan. Bileam, son til Beor, fall òg for sverdet deira.

<sup>9</sup> Israelittane førte bort kvinnene og småborna i Midjan som fangar. Alle husdyra, heile buskapen og all rikdomen deira tok dei som krigsbytte.

<sup>10</sup> Dei sette eld på alle teltleirane og alle byane dei budde i.

<sup>11</sup> Og dei tok med seg alt krigsbyttet og alt dei hadde teke, både av menneske og av dyr.

<sup>12</sup> Fangane, krigsbyttet og det dei hadde teke, førte dei til Moses og presten Elasar og til heile Israels forsamling, som låg i leir på slettene i Moab, ved Jordan, midt for Jeriko.

<sup>13</sup> Moses, presten Elasar og alle leiarane i forsamlinga gjekk til møtes med dei utanfor leiren.

<sup>14</sup> Moses var sint på befalingsmennene som kom heim att frå striden, både førarane for tusen og førarane for hundre mann.

<sup>15</sup> Han sa til dei: «Har de late alle kvinnene leva?

<sup>16</sup> Hugs at det var desse som på Bileams ord lokka israelittane til å vera trulause mot Herrenden gongen ved Peor, så pesten kom over Herrens forsamling.

<sup>17</sup> Slå no i hel alle guteborn og alle kvinner som har lege med menn.

<sup>18</sup> Men alle småjenter som ikkje har lege med menn, skal de spara.

<sup>19</sup> Så må de halda dykk utanfor leiren i sju dagar. Alle som har drepe nokon, og alle som har kome nær nokon av dei falne, skal reinsa seg den tredje og den sjuande dagen. Det gjeld både dykk og fangane dykkar.

<sup>20</sup> Alle klesplagg, alle ting av skinn, alt som er laga av geiteragg, og alle ting av tre skal de reinsa.»

<sup>21</sup> Presten Elasar sa til stridsmennene som hadde vore med på hærferda: «Dette er ei forskrift i den lova som Herren påla Moses:

<sup>22</sup>Gull og sølv, kopar og jern, tinn og bly,

<sup>23</sup> alt som toler eld, skal de la gå gjennom eld, så det blir reint. Og så skal det reinsast med reinsingsvatn. Men alt som ikkje toler eld, skal de la gå gjennom vatn.

<sup>24</sup>Den sjuande dagen skal de vaska kleda dykkar, så de blir reine. Sidan kan de koma inn i leiren.»

<sup>25</sup>Herren sa til Moses:

<sup>26</sup>«Du og presten Elasar og dei som er leiarar for familiare i forsamlinga, skal telja opp krigsbyttet dei har teke, både av menneske og av dyr.

<sup>27</sup> Så skal du dela det likt mellom stridsmennene som var med på hærferda, og resten av forsamlinga.

<sup>28</sup>Av krigarane som gjekk ut i strid, skal du krevja ei avgift til Herren: éin av kvart femte hundre, både av menneske og av storfe, esel og småfe.

<sup>29</sup> Dette skal du ta av deira halvpart, og du skal gje det til presten Elasar. Det skal vera ei gåve til Herren.

<sup>30</sup>Av den halvparten som fell på israellittane, skal du ta éin av femti, både av menneske og av storfe, esel og småfe, av heile buskapen, og gje til levittane, som tek seg av tenesta i Herrens bustad.»

<sup>31</sup>Moses og presten Elasar gjorde som Herren hadde pålagt Moses.

<sup>32</sup>Krigsbyttet, det som var att av det krigarane hadde røva, var i alt 675 000 småfe,

<sup>33</sup>72 000 storfe

<sup>34</sup>og 61 000 esel.

<sup>35</sup>Av menneske var det i alt 32 000 kvinner som ikkje hadde lege med menn.

<sup>36</sup>Den halvparten som fall på krigarane, var 337 500 småfe,

<sup>37</sup>av dei var 675 avgift til Herren,

<sup>38</sup>36 000 storfe, av dei var 72 avgift til Herren,

- <sup>39</sup>og 30 500 esel, av dei var 61 avgift til Herren.
- <sup>40</sup>Talet på menneske var 16 000, av dei var 32 avgift til Herren.
- <sup>41</sup>Avgifta som var ei gåve til Herren, gav Moses til presten Elasar, slik Herren hadde pålagt Moses.
- <sup>42</sup>Den halvparten som fall på israelittane, og som Moses hadde teke frå krigarane,
- <sup>43</sup>den halvparten som forsamlinga fekk, var 337 500 småfe,
- <sup>44</sup>36 000 storfe,
- <sup>45</sup>30 500 esel
- <sup>46</sup>og 16 000 menneske.
- <sup>47</sup>Av den halvparten som fall på israelittane, tok Moses éin av femti, både av folk og av husdyr. Han gav dei til levittane, som tok seg av tenesta i Herrens bustad, slik Herren hadde pålagt Moses.
- <sup>48</sup>Så gjekk befalingsmennene over hæravdelingane fram for Moses, både tusenmannsførarane og hundremannsførarane.
- <sup>49</sup>Dei sa til han: «Tenarane dine har talt opp dei krigarane vi hadde hand om, og det vanta ikkje ein mann.
- <sup>50</sup>No kjem vi med eit offer til Herren, slike ting av gull som kvar av oss har funne: armringar, armband, fingerringar, øyreringar og halskjeder. Det skal vera til soning for oss hos Herren.»
- <sup>51</sup>Moses og presten Elasar tok imot gullet dei kom med, alle slag fint arbeidde ting.
- <sup>52</sup>Gullet som tusenmannsførarane og hundremannsførarane bar fram som offergåve til Herren, var i alt 16 750 sjekel.
- <sup>53</sup>Men det byttet som krigarane hadde vunne, tok dei sjølve.

<sup>54</sup>Då Moses og presten Elasar hadde teke imot gullet av tusenmannsførarane og hundremannsførarane, bar dei det inn i teltheilagdomen. Det skulle vera ei påminning om israelittane for Herrens andlet.

#### 4. Mosebok 32

##### Ruben og Gad får land austafør Jordan

<sup>1</sup>Ruben-sønene og Gad-sønene hadde ei stor mengd med fe. Då dei såg dei gode beitemarkene i Jaser og Gilead-landet,

<sup>2</sup>kom dei til Moses og presten Elasar og til leiarane i forsamlinga og sa:

<sup>3</sup>«Atarot, Dibon, Jaser, Nimra, Hesjbon, Elale, Sebam, Nebo og Beon,

<sup>4</sup>desse landområda som Herren har vunne for Israels forsamling, er godt høvelege til fedrift, og vi, tenarane dine, har fe.

<sup>5</sup>Om du ser på oss med velvilje», sa dei, «så lat tenarane dine få dette landet til eigedom. Lat oss sleppa å dra over Jordan!»

<sup>6</sup>Moses svara Gad-sønene og Ruben-sønene: «Skal brørne dykkar gå i krigen medan de slår dykk til ro her?

<sup>7</sup>Kvifor må de gje israelittane vrangvilje i hjartet så dei ikkje vil dra over til det landet Herren har gjeve dei?

<sup>8</sup>Det same gjorde fedrane dykkar då eg sende dei frå Kadesj-Barnea for å sjå nærare på landet.

<sup>9</sup>Då dei hadde vore i Esjkol-dalen og sett på landet, gjorde dei israelittane motlause, så dei ikkje ville gå inn i det landet Herren hadde gjeve dei.

<sup>10</sup>Den dagen flamma Herrens vreide opp, og han svor:

<sup>11</sup>Ingen av dei mennene som drog opp frå Egypt, og som er tjue år eller meir, skal få sjå det landet som eg svor å gje til Abraham, Isak og Jakob, for dei har ikkje følgt meg trufast

<sup>12</sup> – ingen utan Kaleb, son til Jefunne av Kenas-slekta, og Josva, son til Nun. For dei har følgt Herren trufast.

<sup>13</sup>Og Herrens vreide flamma opp mot Israel, så han lét dei flakka omkring i ørkenen i førti år, til det var borte, heile det slektsleddet som hadde gjort det som vondt var i Herrens auge.

<sup>14</sup>Sjå, no står de her akkurat som fedrane dykkar, de syndar-avkom, og gjer Herrens brennande vreide mot Israel endå større!

<sup>15</sup>For vender de dykk bort frå han, så kjem han til å la Israel vera endå lenger i ørkenen, og de fører ulukke over heile dette folket.»

<sup>16</sup>Då kom dei fram til han og sa: «Vi vil laga kveer for feet vårt her og byggja byar for borna våre.

<sup>17</sup> Sjølv vil vi væpna oss til strid så snøgt vi kan, og gå føre israelittane til vi har ført dei dit dei skal. Men borna våre skal vera att i festningsbyane, så dei kan vera trygge for dei som bur i landet.

<sup>18</sup>Vi skal ikkje venda heim att før alle israelittar har fått eigedom, kvar og ein sin del.

<sup>19</sup>For vi vil ikkje ta land saman med dei på andre sida av Jordan og lenger borte når vi får vår eigedom her på austsida av Jordan.»

<sup>20</sup> Moses svara: «Dersom de gjer dette, dersom de væpnar dykk til krig for Herren

<sup>21</sup>og alle stridsbudde menn mellom dykk fer over Jordan for Herren heilt til han har drive fiendane sine bort,

<sup>22</sup>og ingen av dykk vender heim att før landet er vunne for Herren, då skal de vera utan skuld både for Herren og for Israel, og dette landet skal vera dykkar eigedom for Herrens andlet.

<sup>23</sup>Men gjer de ikkje dette, sjå, då syndar de mot Herren. Vit at synda skal finna dykk att.

<sup>24</sup>Bygg byar for borna dykkar og lag kveer for småfeet, men det som munnen har lova, må de òg gjera!»

- <sup>25</sup>Då sa Gad-sønene og Ruben-sønene til Moses: «Tenarane dine skal gjera som du har bode, herre.
- <sup>26</sup>Kvinnene og borna våre og feet vårt, heile buskapen, skal vera att her i byane i Gilead.
- <sup>27</sup>Men vi, tenarane dine, alle som er væpna til strid for Herren, skal dra over i krigen slik du har sagt, herre.»
- <sup>28</sup>Så gav Moses påbod om dei til presten Elasar, til Josva, son til Nun, og til leiarane for familiane i Israel-stammane.
- <sup>29</sup>Moses sa til dei: «Dersom Gad-sønene og Ruben-sønene går over Jordan saman med dykk, alle som er væpna til krig for Herren, og de legg landet under dykk, då skal de la dei få Gilead-landet til eigedom.
- <sup>30</sup>Men dersom krigarane ikkje går over saman med dykk, skal dei få eigedom blant dykk i Kanaan-landet.»
- <sup>31</sup>Gad-sønene og Ruben-sønene svara: «Det Herren har sagt til tenarane dine, det skal vi gjera.
- <sup>32</sup>Vi skal dra over til Kanaan-landet, væpna til strid for Herren. Då får vi vår eigedom på denne sida av Jordan.»
- <sup>33</sup>Så lét Moses Gad-sønene, Ruben-sønene og halvparten av stammen til Manasse, son til Josef, få riket til amorittkongen Sihon og riket til Og, kongen i Basan. Dei fekk landet med byane der og dei landområda som grensa mot byane, landet omkring.
- <sup>34</sup>Gad-sønene bygde opp att Dibon, Atarot, Aroer,
- <sup>35</sup>Atrot-Sjofan, Jaser, Jogbeha,
- <sup>36</sup>Bet-Nimra og Bet-Haran, festningsbyar med kveer for småfeet.
- <sup>37</sup>Og Ruben-sønene bygde opp att Hesjbon, Elale, Kirjatajim,
- <sup>38</sup>Nebo, Baal-Meon og Sibma. Men namna vart endra. Dei gav nye namn til byane dei bygde.



<sup>39</sup> Etterkomarane av Makir, son til Manasse, fór til Gilead, tok landet i eige og dreiv bort amorittane som budde der.

<sup>40</sup> Og Moses gav Makir, son til Manasse, Gilead-landet, og han busette seg der.

<sup>41</sup> Ja'ir, son til Manasse, drog av stad og tok teltbyane der. Og han kalla dei Ja'irs teltbyar.

<sup>42</sup> Nobah drog av stad og tok Kenat og småbyane der omkring. Han kalla byen Nobah, etter seg sjølv.

#### **4. Mosebok 33**

##### **Israels dagsmarsjar i ørkenen**

<sup>1</sup> Desse dagsmarsjane gjorde israelittane då dei drog ut frå Egypt, hæravdeling for hæravdeling, leia av Moses og Aron.

<sup>2</sup> På Herrens ord skreiv Moses opp dei stadene dei tok ut frå på dagsmarsjane sine. Og dette er dagsmarsjane, rekna frå dei stadene dei tok ut frå:

<sup>3</sup> Dei braut opp frå Ramses på den femtande dagen i den første månaden. Dagen etter påskehøgtida drog israelittane av stad med lyft hand, midt for auga på alle egyptarane.

<sup>4</sup> Egyptarane heldt då på og gravla alle sine førstefødde, som Herren hadde slege i hel hos dei. Herren hadde òg halde dom over gudane deira.

<sup>5</sup> Israelittane braut opp frå Ramses og slo leir i Sukkot.

<sup>6</sup> Frå Sukkot braut dei opp og slo leir i Etam, som ligg i utkanten av ørkenen.

<sup>7</sup> Frå Etam braut dei opp og tok ei anna lei mot Pi-Hahiot, som ligg midt imot Baal-Safon, og dei slo leir framfor Migdol.

<sup>8</sup> Frå Pi-Hahiot braut dei opp og gjekk gjennom sjøen og inn i ørkenen. Så gjekk dei tre dagar gjennom Etam-ørkenen og slo leir i Mara.

<sup>9</sup> Frå Mara braut dei opp og kom til Elim. I Elim var det tolv vasskjelder og sytti palmetre, og dei slo leir der.

<sup>10</sup> Frå Elim braut dei opp og slo leir ved Sivsjøen.

- <sup>11</sup> Frå Sivsjøen braut dei opp og slo leir i Sin-ørkenen.
- <sup>12</sup> Frå Sin-ørkenen braut dei opp og slo leir i Dofka.
- <sup>13</sup> Frå Dofka braut dei opp og slo leir i Alusj.
- <sup>14</sup> Frå Alusj braut dei opp og slo leir i Refidim. Men der fanst det ikkje vatn så folket kunne få drikka.
- <sup>15</sup> Frå Refidim braut dei opp og slo leir i Sinai-ørkenen.
- <sup>16</sup> Frå Sinai-ørkenen braut dei opp og slo leir i Kibrot-Hattaava.
- <sup>17</sup> Frå Kibrot-Hattaava braut dei opp og slo leir i Haserot.
- <sup>18</sup> Frå Haserot braut dei opp og slo leir i Ritma.
- <sup>19</sup> Frå Ritma braut dei opp og slo leir i Rimmon-Peres.
- <sup>20</sup> Frå Rimmon-Peres braut dei opp og slo leir i Libna.
- <sup>21</sup> Frå Libna braut dei opp og slo leir i Rissa.
- <sup>22</sup> Frå Rissa braut dei opp og slo leir i Kehelata.
- <sup>23</sup> Frå Kehelata braut dei opp og slo leir ved Sjefer-fjellet.
- <sup>24</sup> Frå Sjefer-fjellet braut dei opp og slo leir i Harada.
- <sup>25</sup> Frå Harada braut dei opp og slo leir i Makhelot.
- <sup>26</sup> Frå Makhelot braut dei opp og slo leir i Tahat.
- <sup>27</sup> Frå Tahat braut dei opp og slo leir i Terah.
- <sup>28</sup> Frå Terah braut dei opp og slo leir i Mitka.
- <sup>29</sup> Frå Mitka braut dei opp og slo leir i Hasmona.
- <sup>30</sup> Frå Hasmona braut dei opp og slo leir i Moserot.
- <sup>31</sup> Frå Moserot braut dei opp og slo leir i Bene-Jaakan.
- <sup>32</sup> Frå Bene-Jaakan braut dei opp og slo leir i Hor-Hagidgad.
- <sup>33</sup> Frå Hor-Hagidgad braut dei opp og slo leir i Jotbata.
- <sup>34</sup> Frå Jotbata braut dei opp og slo leir i Abrona.

- <sup>35</sup>Frå Abrona braut dei opp og slo leir i Esjon-Geber.
- <sup>36</sup> Frå Esjon-Geber braut dei opp og slo leir i Sin-ørkenen, i Kadesj.
- <sup>37</sup> Frå Kadesj braut dei opp og slo leir ved Hor-fjellet, på grensa til Edom.
- <sup>38</sup> Aron, presten, gjekk på Herrens ord opp på Hor-fjellet, og der døydde han. Det var i det førtiande året etter at israelittane hadde fare frå Egypt, den første dagen i den femte månaden.
- <sup>39</sup>Aron var 123 år gammal då han døydde på Hor-fjellet.
- <sup>40</sup> Då kanaanearkongen i Arad, som budde i Negev i Kanaan, fekk høyra at israelittane kom,
- <sup>41</sup>braut dei opp frå Hor-fjellet og slo leir i Salmona.
- <sup>42</sup>Frå Salmona braut dei opp og slo leir i Punon.
- <sup>43</sup> Frå Punon braut dei opp og slo leir i Obot.
- <sup>44</sup> Frå Obot braut dei opp og slo leir i Ijje-Abarim på grensa til Moab.
- <sup>45</sup>Frå Ijjim braut dei opp og slo leir i Dibon-Gad.
- <sup>46</sup>Frå Dibon-Gad braut dei opp og slo leir i Almon-Diblatajim.
- <sup>47</sup>Frå Almon-Diblatajim braut dei opp og slo leir ved Abarim-fjella, midt for Nebo.
- <sup>48</sup>Då dei tok ut frå Abarim-fjella, slo dei leir på slettene i Moab, ved Jordan, midt for Jeriko.
- <sup>49</sup>Leiren deira låg langsmed Jordan, frå Bet-Jesjimot til Abel-Sjittim på slettene i Moab.
- <sup>50</sup>Herren tala til Moses på slettene i Moab, ved Jordan, midt for Jeriko. Han sa:
- <sup>51</sup>Tal til israelittane og sei til dei: Når de går over Jordan og kjem inn i Kanaan-landet,

<sup>52</sup> skal de driva ut alle som bur i landet, og slå sund gudebileta deira. De skal gjera ende på alle bileta dei har støypt seg, og øydeleggja alle offerhaugane deira.

<sup>53</sup>Så skal de ta landet og busetja dykk der. For eg har gjeve landet til dykk så de kan ta det i eige.

<sup>54</sup> De skal fordela landet mellom dykk ved loddkasting, slekt for slekt. Ei stor slekt skal få større eigedom og ei lita slekt mindre eigedom til arv. Kvar slekt skal få etter som loddet fell. De skal få arv innanfor den stammen som de høyrer til.

<sup>55</sup> Men driv de ikkje ut dei som bur i landet, då skal dei de sparer, bli tornar i auga og broddar i sida dykkar. Dei kjem til å gå til åtak på dykk inne i landet der de har slått dykk ned.

<sup>56</sup>Då skal eg gjera med dykk som eg hadde tenkt å gjera med dei.

#### **4. Mosebok 34**

##### **Israels grenser**

<sup>1</sup>Herren sa til Moses:

<sup>2</sup> Dette skal du påleggja israelittane, dette skal du seia til dei: Når de kjem inn i Kanaan-landet, då er dette det landet de får til eige, landet Kanaan frå grense til grense.

<sup>3</sup> På sørsida skal de ha frå Sin-ørkenen langsmed Edom. De skal ha grense mot sør frå enden av Saltsjøen mot aust.

<sup>4</sup> Grensa skal svinga sørom Akrabbim-skardet og halda fram til Sin. Så skal ho gå sør for Kadesj-Barnea til Hasar-Addar og derifrå over til Asmon.

<sup>5</sup> Frå Asmon skal grensa svinga ned til Egyptarbekken og enda ute ved havet.

<sup>6</sup> I vest skal de ha Storhavet til grense. Det skal vera grensa dykkar mot vest.

<sup>7</sup> I nord skal dette vera grensa dykkar: Frå Storhavet skal de trekkja grensa opp til Hor-fjellet

<sup>8</sup> og frå Hor-fjellet til Lebo-Hamat. Grensa skal enda ute ved Sedad.

<sup>9</sup>Så skal grensa halda fram til Sifron og enda ved Hasar-Enan. Det skal vera grensa dykkar mot nord.

<sup>10</sup>I aust skal de dra opp grensa frå Hasar-Enan til Sjefam.

<sup>11</sup>Frå Sjefam skal grensa gå ned til Ribla, austafør Ajin, og så nedover til ho når fjellryggen på austsida av Kinneret-sjøen.

<sup>12</sup>Så skal ho følgja Jordan og enda nedmed Saltsjøen. Dette skal vera landet dykkar, med desse grensene omkring.

<sup>13</sup>Moses sa til israelittane: Dette er det landet de skal få til eigedom ved loddkasting, det Herren har gjeve påbod om at dei ni stammane og den eine halve stammen skal få.

<sup>14</sup>For Ruben-stammen med familiar, Gad-stammen med familiar og halvparten av Manasse-stammen har alt teke sine eigedomar.

<sup>15</sup>Desse to stammane og den eine halve stammen har teke sin eigedom på andre sida av Jordan, rett imot Jeriko, på austsida, mot soloppgangen.

### **Dei som skal fordela landet**

<sup>16</sup>Herren sa til Moses:

<sup>17</sup>Her er namna på dei mennene som skal skifta landet mellom dykk: presten Elasar og Josva, son til Nun,

<sup>18</sup>og så skal de ta ut ein leiar for kvar stamme til å fordela landet.

<sup>19</sup>Her er namna på desse mennene: for Juda-stammen Kaleb, son til Jefunne;

<sup>20</sup>for Simon-stammen Samuel, son til Ammihud;

<sup>21</sup>for Benjamin-stammen Elidad, son til Kislon;

<sup>22</sup>for Dan-stammen ein leiar, Bukki, son til Jogli;

<sup>23</sup>for Josefs etterkomarar ein leiar av Manasse-stammen, Hanniel, son til Efod,

<sup>24</sup>og ein leiar av Efraim-stammen, Kemuel, son til Sjiftan;

<sup>25</sup>for Sebulon-stammen ein leiar, Elisafan, son til Parnak;

<sup>26</sup>for Jissakar-stammen ein leiar, Paltiel, son til Assan;

<sup>27</sup>for Asjer-stammen ein leiar, Ahihud, son til Sjelomi,

<sup>28</sup>og for Naftali-stammen ein leiar, Peda'el, son til Ammihud.

<sup>29</sup>Det var desse Herren påla å fordela Kanaan-landet mellom israelittane.

#### **4. Mosebok 35**

##### **Levittane får byar og beitemarker**

<sup>1</sup>Herren tala til Moses på slettene i Moab, ved Jordan, midt for Jeriko. Han sa:

<sup>2</sup>Du skal gje israelittane påbod om å gje levittane noko av sin eigedom til arv. De skal gje levittane byar å bu i og beitemarker kring desse byane.

<sup>3</sup>I byane skal dei bu, og markene som høyrer til, skal vera til beite for buskapen deira, alle dyra dei eig.

<sup>4</sup>Dei markene de gjev levittane utanfor byane, skal nå tusen alner ut frå bymuren på alle kantar.

<sup>5</sup>Utanfor byen skal de måla opp to tusen alner på austsida, to tusen alner på sørsida, to tusen alner på vestsida og to tusen alner på nordsida, så byen ligg midt imellom. Det skal vera bymarkene deira.

<sup>6</sup>Byane som de lèt levittane få, skal vera dei seks fribyane de set av så drapsmenn kan rømme dit; dessutan skal de gje dei førtito andre byar.

<sup>7</sup>I alt skal de gje levittane førtiåtte byar med beitemarker.

<sup>8</sup>Når de tek desse byane av eigedomen til israelittane og gjev dei, skal de ta meir frå dei store og mindre frå dei små stammene. Kvar stamme skal gje levittane byar etter som dei har fått land til eige.

##### **Lov om drapsmenn og fristader**

<sup>9</sup>Herren sa til Moses:

<sup>10</sup>Tal til israelittane og sei til dei: Når de går over Jordan og inn i landet Kanaan,

<sup>11</sup>skal de velja ut nokre byar som skal vera fribyar for dykk. Dit kan ein drapsmann rømme om han har slege einkvan i hel av vanvare.

<sup>12</sup>Desse byane skal vera fristader for den som rømmer for blodhemnaren, så drapsmannen ikkje skal døy før han har stått til rette for forsamlinga og fått sin dom.

<sup>13</sup>Seks av dei byane som de gjev levittane, skal vera fribyar.

<sup>14</sup>Tre av byane skal de ta på den andre sida av Jordan og tre i Kanaan. Dei skal vera fribyar.

<sup>15</sup>Både for israelittar og for innflyttarar og framande som bur mellom dykk, skal desse seks byane vera fristader, så den som av vanvare har drepe nokon, kan rømme dit.

<sup>16</sup> Om nokon tek ein jernreiskap og slår ein annan i hel, er han ein drapsmann, og drapsmannen skal straffast med døden.

<sup>17</sup>Tek nokon ein stein som er stor nok til å drepa med, og slår ein mann i hel, då er han ein drapsmann, og drapsmannen skal straffast med døden.

<sup>18</sup>Eller tek han ein reiskap av tre som ein kan drepa med, og slår ein mann i hel, då er han ein drapsmann, og drapsmannen skal straffast med døden.

<sup>19</sup>Det er blodhemnaren som skal slå drapsmannen i hel. Når han finn han, skal han drepa han.

<sup>20</sup>På same måten skal det vera om nokon hatar ein annan og støyter til han eller kastar eitkvart på han med vilje så han døyr,

<sup>21</sup>eller i fiendskap slår han med neven så han døyr. Då skal den som slo, straffast med døden. Han er ein drapsmann, og blodhemnaren skal slå drapsmannen i hel når han finn han.

<sup>22</sup>Så kan det henda at nokon brått støyter til ein mann utan fiendskap eller kastar eitkvart på han utan vond vilje.

<sup>23</sup>Eller kanskje han ikkje ser den andre og råkar han med ein stein som er stor nok til å drepa med, så han døyr, endå mannen ikkje var hans fiende og ikkje ville han noko vondt.

<sup>24</sup>Då skal forsamlinga dømme mellom drapsmannen og blodhemnaren etter desse forskriftene:

<sup>25</sup>Forsamlinga skal berga drapsmannen frå blodhemnaren og føra han tilbake til den fribyen han hadde rømt til. Der skal han vera til øvstepresten er død, han som er salva med heilag olje.

<sup>26</sup>Men kjem drapsmannen nokon gong utom den fribyen han har rømt til,

<sup>27</sup>og blodhemnaren finn han der utanfor bygrensene og slår han i hel, då har han inga blodskuld.

<sup>28</sup>For drapsmannen skal halda seg i fristaden sin til øvstepresten døyr. Når øvstepresten er død, kan han fara heim att til den jorda han eig.

<sup>29</sup>Dette skal gjelda for lov og rett hos dykk gjennom alle slekter, kvar de så bur.

<sup>30</sup> Når nokon slår i hel eit menneske, skal drapsmannen drepast så sant det er vitne mot han. Men ingen skal døy etter éin manns vitnemål.

<sup>31</sup>De skal ikkje ta imot løysepenngar for å berga livet til ein drapsmann som er skuldig til å døy. Han skal straffast med døden.

<sup>32</sup>De skal ikkje ta imot løysepenngar for ein som har rømt til ein fristad, slik at han kan venda heim att og bu i landet før øvstepresten er død.

<sup>33</sup> De skal ikkje vanhelga det landet de bur i, for blod vanhelgar landet. Og landet får ikkje soning for det blodet som har runne der, utan ved blodet til den som auste ut blod.

<sup>34</sup> De skal ikkje gjera det landet de bur i, ureint. For der har eg min bustad. Eg er Herren, som bur midt imellom israelittane.

#### **4. Mosebok 36**

##### **Lov om arv og ekteskap for døtrer**



<sup>1</sup> Leiarane for familiane i slekta til Gilead kom fram. Gilead var son til Makir, Manasses son, og hørde til Josef-slektene. Dei tok til orde framfor Moses og leiarane, overhovuda for familiane blant israelittane,

<sup>2</sup> og sa: Herren påla deg, herre, å fordela landet mellom israelittane ved loddkasting. Og du, herre, er òg pålagd av Herren at du skal la døtrene til Selofhad, bror vår, få egedomen etter far sin.

<sup>3</sup> Men blir dei gifte med menn frå dei andre stammene i Israel, blir arven deira teken frå egedomen som fedrane våre eigde, og lagd til den stammen dei no skal tilhøyra. Han blir teken bort frå den egedomen vi fekk ved loddkasting.

<sup>4</sup> Når frigjevingsåret kjem hos israelittane, blir arven til døtrene lagd til egedomen i den stammen dei høyrer til. Han blir teken frå den egedomen som stammen til fedrane våre fekk.

<sup>5</sup> Då påla Moses israelittane dette, på Herrens ord: «Det er rett det som Josef-stammen seier.

<sup>6</sup> Dette er det påbodet Herren gjev døtrene til Selofhad: Dei kan gifta seg med den dei sjølv synest om, berre dei gifter seg inn i ei slekt som kjem frå stammen til deira egne fedrar.

<sup>7</sup> Ingen egedom hos israelittane skal gå over frå ein stamme til ein annan. Kvar israelitt skal halda fast på arven frå stammen til fedrane sine.

<sup>8</sup> Ei dotter som arvar jord i ein av Israel-stammene, må gifta seg inn i ei slekt som kjem frå stammen til hennar eigen far. Slik skal alle israelittar arva jord etter fedrane sine.

<sup>9</sup> Såleis skal ingen egedom gå over frå ein stamme til ein annan. For kvar stamme i Israel skal halda fast på sin arv.»

<sup>10</sup> Døtrene til Selofhad gjorde som Herren hadde pålagt Moses.

<sup>11</sup> Mahla, Tirsa, Hogla, Milka og Noa, alle døtrene til Selofhad, gifta seg med syskenborna sine.

<sup>12</sup>Dei fekk menn frå slektene etter Manasse, son til Josef. Slik kom egedomen deira til å følgja den stammen og den slekta fedrane deira høyrde til.

<sup>13</sup>Dette er dei bod og forskrifter som Herren påla israelittane gjennom Moses på slettene i Moab, ved Jordan, midt for Jeriko.



## 5. Mosebok

### 5. Mosebok 1

#### Moses minner om Herrens lovnader

<sup>1</sup> Dette er dei orda som Moses tala til heile Israel austafør Jordan. Det var i ørkenen på Araba-sletta, rett imot Suf, mellom Paran og Tofel, Laban, Haserot og Di-Sahab,

<sup>2</sup> elleve dagsreiser frå Horeb på vegen over Se'ir-fjella til Kadesj-Barnea.

<sup>3</sup> Det var i det førtiande året, den første dagen i den ellefte månaden, at Moses tala til israelittane om alt det som Herren hadde pålagt han å seia til dei.

<sup>4</sup> Moses hadde då slege amorittkongen Sihon, som budde i Hesjbon, og Basankongen Og, som budde i Asjtarot og Edre'i.

<sup>5</sup> Austafør Jordan, i Moab, byrja Moses å forklara denne lova. Han sa:

<sup>6</sup> Herren vår Gud tala til oss ved Horeb og sa: «Lenge nok har de halde dykk ved dette fjellet.

<sup>7</sup> Bryt no opp og dra til fjellandet åt amorittane og til grannefolka på Araba-sletta, i fjellandet og i låglandet, i Negev og ute ved kysten, til landet åt kanaanearane og til Libanon, heilt til den store elva, Eufrat.

<sup>8</sup> Sjå, eg har lagt landet ope for dykk. Dra av stad og ta det landet som Herren med eid lova å gje fedrane dykkar, Abraham, Isak og Jakob, og etterkomarane deira.»

#### Moses set inn leiarar

<sup>9</sup> Den gongen sa eg til dykk: «Åleine kan eg ikkje bera dykk.

<sup>10</sup> Herren dykkar Gud har gjort dykk talrike, så de i dag er mange som stjernene på himmelen.

<sup>11</sup> Måtte Herren, dykkar fedrars Gud, gjera dykk tusen gonger så talrike som de no er, og velsigna dykk, som han har lova.

<sup>12</sup>Men korleis kan eg åleine bera ansvaret og halda ut strevet med dykk og trettene dykkar?

<sup>13</sup>Vel ut kloke, vituge og lærde menn frå kvar stamme, så skal eg gjera dei til leiarar for dykk.»

<sup>14</sup>De svara meg: «Det er godt, det du seier vi skal gjera.»

<sup>15</sup>Så tok eg stammehovdingane dykkar, kloke og lærde menn, og sette dei til overhovud for dykk, til førarar for tusen, hundre, femti og ti, og gjorde dei til tilsynsmenn for stammane.

<sup>16</sup> Den gongen gav eg også dommarane dykkar dette påbodet: «Høyr på klagemål frå landsmennene dykkar, og døm rettferdig i saker mellom ein mann og ein annan, anten det er ein landsmann eller ein innflyttar.

<sup>17</sup> Gjer ikkje skilnad på folk når de dømmer! De skal høyra på både høg og låg. Ver ikkje redde nokon, for dommen høyrer Gud til. Men dersom ei sak er for vanskeleg for dykk, så legg henne fram for meg, så eg får høyra.»

<sup>18</sup>Den gongen gav eg dykk påbod om alt de skulle gjera.

### **Moses sender spionar inn i landet**

<sup>19</sup> Så braut vi opp frå Horeb og drog gjennom heile den store og uhyggjelege ørkenen som de har sett. Vi følgde vegen til fjellandet åt amorittane, slik Herren vår Gud hadde sagt oss, og kom til Kadesj-Barnea.

<sup>20</sup>Då sa eg til dykk: «No er de komne til fjellandet åt amorittane, som Herren vår Gud vil gje oss.

<sup>21</sup>Sjå, Herren din Gud har lagt landet ope for deg. Dra opp og ta det, slik som Herren, dine fedrars Gud, har sagt deg. Ver ikkje redd og mist ikkje motet!»

<sup>22</sup>Då kom de til meg alle saman og sa: «Lat oss senda folk i førevegen så dei kan gjera seg kjende i landet og seia oss kva veg vi skal ta opp dit, og kva for byar vi kjem til.»

<sup>23</sup>Eg syntest godt om det de sa, og eg tok ut tolv mann iblant dykk, ein frå kvar stamme.

<sup>24</sup>Dei gjekk av stad opp i fjellet og kom til Esjkol-bekken. Der spionerte dei.

<sup>25</sup>Dei tok noko av frukta i landet og hadde med seg ned til oss. Dei kunne fortelja at det var eit godt land, det landet som Herren vår Gud vil gje oss.

<sup>26</sup>Men de ville ikkje dra opp dit og sette dykk opp mot det Herrendykkar Gud hadde sagt.

<sup>27</sup>De murra i telta dykkar og sa: «Fordi Herrenhatar oss, har han ført oss ut frå Egypt og vil gje oss over i hendene til amorittane og utrydda oss.

<sup>28</sup> Kvar er det vi skal dra? Brørne våre har fått hjartet til å smelta bort i oss, for dei sa: Folket er større og høgare enn vi, byane er store med himmelhøge festningsmurar, og vi såg også anakittar der.»

<sup>29</sup>Då sa eg til dykk: «Lat dykk ikkje skremma og ver ikkje redde dei!

<sup>30</sup> Herren dykkar Gud går føre dykk, og han vil strida for dykk, slik de med eigne auge såg at han gjorde i Egypt

<sup>31</sup> og sidan i ørkenen. Der såg du korleis Herren din Gud bar deg liksom ein mann ber barnet sitt, heile den vegen de drog, til de kom til denne staden.»

<sup>32</sup>Likevel trudde de ikkje på Herren dykkar Gud,

<sup>33</sup> han som gjekk føre dykk på vegen for å finna leirplass til dykk, om natta i ein eld og om dagen i ei sky, for å syna dykk den vegen de skulle gå.

### **Israels ulydnad og nederlag**

<sup>34</sup>Då Herren hørde kva de sa, vart han harm og svor:

<sup>35</sup>«Ikkje ein einaste av denne vonde slekta skal få sjå det gode landet som eg med eid lova å gje fedrane dykkar,

<sup>36</sup> berre Kaleb, son til Jefunne; han skal få sjå det. Fordi han så trufast har halde seg til Herren, vil eg gje han og borna hans det landet han har sett foten på.»

<sup>37</sup> For dykkar skuld vart Herren harm på meg òg. Han sa: «Heller ikkje du skal få koma inn dit.

<sup>38</sup> Men Josva, son til Nun, skal få koma inn, han som er tenaren din. Han skal du styrkja, for han skal gjera landet til eigedom for Israel.

<sup>39</sup> Småborna som de trudde ville bli tekne som krigsbytte, og dei borna som enno ikkje kan skilja godt frå vondt, dei skal koma inn i landet. Eg gjev det til dei, og dei skal ta det i eige.

<sup>40</sup> Men de må snu og dra ut i ørkenen, mot Sivsjøen.»

<sup>41</sup> Då svara de meg: «Vi har synda mot Herren. No vil vi dra opp og slåst, slik som Herren vår Gud har sagt oss.» Alle som ein spente de på dykk våpna og gjorde dykk klare til å dra opp i fjellandet.

<sup>42</sup> Men Herrensa til meg: Sei til dei: «De skal ikkje dra opp og slåst, for eg er ikkje midt iblant dykk. Elles kjem de til å bli slegne av fiendane dykkar.»

<sup>43</sup> Eg tala til dykk, men de ville ikkje høyra. De sette dykk opp mot det Herren hadde sagt, de var eigenrådige og drog opp i fjella.

<sup>44</sup> Då rykte amorittane, som budde der i fjellandet, ut mot dykk. Dei sette etter dykk som ein bisverm, vann over dykk i Se'ir og dreiv dykk heilt til Horma.

<sup>45</sup> Då de kom tilbake, gret de framfor Herrens andlet, men han ville ikkje høyra på dykk, og han ville ikkje høyra.

<sup>46</sup> Difor måtte de bu i Kadesj så lenge som de gjorde.

## 5. Mosebok 2

### Vandringa i ørkenen

<sup>1</sup> Deretter snudde vi og tok vegen ut i ørkenen mot Sivsjøen, slik som Herren hadde sagt til meg. I lang tid vandra vi omkring i Se'ir-fjella.

<sup>2</sup> Då sa Herren til meg:

<sup>3</sup> «De har vandra lenge nok omkring i desse fjella. Ta no mot nord!

<sup>4</sup>Du skal gje folket dette påbodet: De dreg no gjennom området til brørne dykkar, Esau-sønene, som bur i Se'ir. Dei kjem til å bli redde dykk, men ta dykk i vare.

<sup>5</sup>Gå ikkje til åtak på dei! Eg vil ikkje gje dykk så mykje som ei fotbreidd av landet deira, for Se'ir-fjella har eg gjeve Esau til eige.

<sup>6</sup>Maten de skal eta og vatnet de skal drikk, må de kjøpa av dei for pengar.

<sup>7</sup>Herren din Gud har velsigna deg i alt du har gjort. Han har følgt deg på vandringa gjennom den store ørkenen. I førti år har Herrendin Gud vore med deg, og du har ingen ting mangla.»

<sup>8</sup>Så tok vi av stad, bort frå brørne våre, Esau-sønene, som bur i Se'ir. Vi bøygde av frå vegen over Araba-sletta, frå Eilat og Esjon-Geber, og tok ei anna retning, langs den vegen som fører til Moab-ørkenen.

<sup>9</sup>Då sa Herren til meg: «Du skal ikkje gå til strid mot moabittane og ikkje gå til åtak på dei. Eg vil ikkje gje deg noko av landet deira, for eg har gjeve Ar til eige for Lots etterkomarar.»

<sup>10</sup>Før i tida budde emittane der, eit stort og talrikt folk, høgvaksne som anakittane.

<sup>11</sup>Også dei blir rekna som refaittar, til liks med anakittane, men moabittane kallar dei emittar.

<sup>12</sup>Før i tida budde det horittar i Se'ir. Men Esaus etterkomarar dreiv dei bort. Dei utrydda dei og busette seg der i staden for dei, på same måten som israelittane gjorde i sitt land, det Herren gav dei til eige.

<sup>13</sup>«Bryt no opp og gå over Sered-bekken!» Og vi gjekk over Sered-bekken.

<sup>14</sup>Tida for ferda vår frå Kadesj-Barnea til overgangen over Sered-bekken var trettiåtte år. Då hadde ein heil generasjon av krigarar i leiren døydd ut, slik Herren hadde svore.

<sup>15</sup>Herren hadde vendt handa si mot dei, og han utrydda dei frå leiren, til siste mann.

<sup>16</sup>Då alle krigarane i folket var døde,

<sup>17</sup>sa Herren til meg:

<sup>18</sup>«I dag skal du dra gjennom Moab-landet, gjennom Ar.

<sup>19</sup> Når du kjem bort imot ammonittlandet, skal du ikkje gå til kamp mot dei og ikkje utfordra dei. Eg vil ikkje gje deg noko av ammonittlandet, for det har eg gjeve i eige til Lots etterkomarar.»

<sup>20</sup>Også dette blir rekna for refaittland. I gamle dagar budde det refaittar der; ammonittane kallar dei samsummittar.

<sup>21</sup>Dei var eit stort og talrikt folk og høgvaksne som anakittane. Men Herren utrydda dei for ammonittane. Dei dreiv dei bort og busette seg der i deira stad.

<sup>22</sup>Det same hadde han gjort for Esaus etterkomarar, som bur i Se'ir, då han utrydda horittane for dei. Dei dreiv horittane bort og busette seg i landet deira, og der har dei budd til denne dag.

<sup>23</sup>Like eins gjekk det med avittane, som budde i landsbyane så langt som til Gaza. Kaftorane som kom frå Kaftor, utrydda dei og busette seg der i deira stad.

<sup>24</sup>«Bryt no opp, dra i veg og set over Arnon-elva! Sjå, eg gjev amoritten Sihon, kongen i Hesjbon, og landet hans i dine hender! Gå i gang og ta landet i eige. Gå til kamp mot han!

<sup>25</sup>Frå denne dag vil eg la redsle og frykt for deg koma over alle folk under himmelen. Kvar og ein som høyrer om deg, skal bivra og skjelva.»

### **Sigeren over kong Sihon**

<sup>26</sup> Frå Kedemot-ørkenen sende eg bod til Sihon, kongen i Hesjbon, med fredshelsing:

<sup>27</sup>«Lat meg få dra gjennom landet ditt! Eg skal halda meg på vegen og ikkje vika av, korkje til høgre eller venstre.



<sup>28</sup>Maten eg skal eta og vatnet eg skal drikka, kan du selja meg for pengar. Lat meg berre gå til fots gjennom landet,

<sup>29</sup>slik Esau-sønene som bur i Se'ir, og moabittane i Ar gav meg lov til, til eg kan gå over Jordan og inn i det landet Herren vår Gud vil gje oss.»

<sup>30</sup>Men Sihon, kongen i Hesjbon, ville ikkje la oss dra gjennom landet sitt. For Herren vår Gud hadde gjort han stivsinna og hardhjarta for å gje han over i dine hender, slik som han no har gjort.

<sup>31</sup>Og Herren sa til meg: «Sjå, no har eg teke til å gje Sihon og landet hans over til deg. Gå i gang og ta landet i eige. Legg det under deg!»

<sup>32</sup> Sihon kom til Jahas med heile hæren sin og ville møte oss til strid.

<sup>33</sup>Herren vår Gud gav han i vårt vald, og vi vann over både han og sønene hans og heile hæren.

<sup>34</sup> Samstundes tok vi alle byane hans, slo kvar by med bann og utrydda alle, både menn, kvinner og born. Ikkje éin lét vi overleva.

<sup>35</sup>Berre buskapen tok vi med oss, og hærfanget i dei byane vi hadde teke.

<sup>36</sup>Frå Aroer, som ligg ut mot Arnon-elva, og frå byen nede i elvedalen heilt til Gilead, fanst det ikkje nokon by med murar som var for høge for oss. Herren vår Gud gav dei alle i vårt vald.

<sup>37</sup>Men ammonittlandet kom du ikkje nær, verken landet langs Jabbok-elva eller byane oppe i fjellet, alt slik Herren vår Gud hadde gjeve oss påbod om.

## 5. Mosebok 3

### Sigeren over kong Og

<sup>1</sup> Så snudde vi og drog oppover vegen mot Basan. Kongen i Basan, Og, tok ut med heile hæren sin for å møte oss til strid ved Edre'i.

<sup>2</sup> Men Herren sa til meg: «Ver ikkje redd han! Eg gjev både han og heile hæren hans og landet hans i dine hender. Du skal gjera med han som du gjorde med amorittkongen Sihon, som styrte i Hesjbon.»

<sup>3</sup>Så overgav Herren vår Gud Og, kongen i Basan, og heile hæren hans i våre hender. Vi slo han og lét ingen overleva.

<sup>4</sup>Den gongen tok vi alle byane hans; det fanst ikkje nokon by som vi ikkje tok frå dei. Seksti byar var det, heile Argob-landet, riket til Og i Basan.

<sup>5</sup>Alle byane var festningsbyar med høge murar og med portar og bommar. Dessutan tok vi ei mengd med landsbyar.

<sup>6</sup>Vi slo byane med bann og utsletta dei, slik vi hadde gjort med Sihon, kongen i Hesjbon. Kvar einaste by utsletta vi, både menn, kvinner og born.

<sup>7</sup>Men all buskapen og hærfanget frå byane tok vi med oss.

<sup>8</sup>Såleis tok vi den gongen landet frå dei to amorittkongane austafor Jordan, frå Arnon-elva til Hermon-fjellet.

<sup>9</sup>Det er det fjellet som folket i Sidon kallar Sirjon og amorittane Senior.

<sup>10</sup>Vi tok alle byane på sletta, heile Gilead og heile Basan, med Salka og Edre'i, to byar i riket til Og i Basan.

<sup>11</sup> Kong Og i Basan var den einaste av refaittane som var att. Senga hans står enno hos ammonittane i Rabba. Ho er av jern og er ni alner lang og fire alner brei etter vanleg alnemål.

#### **Austjordanlandet blir delt mellom stammene**

<sup>12</sup> Den gongen då vi tok dette landet, gav eg området frå Aroer ved Arnon-elva og halvparten av fjellandet i Gilead med byane der til rubenittane og gadittane.

<sup>13</sup>Resten av Gilead og heile Basan, riket til Og, gav eg til den eine halvparten av Manasse-stammen. Heile Argob-området og heile Basan vart kalla refaittlandet.

<sup>14</sup> Ja'ir, son til Manasse, tok heile Argob-området, heilt til grensa mot gesjurittane og maakatittane. Han gav Basan namn etter seg sjølv og kalla det Ja'irs teltbyar, og så heiter det den dag i dag.

<sup>15</sup>Eg gav Gilead til Makir.

<sup>16</sup>Til rubenittane og gadittane gav eg landet frå Gilead til Arnon-elva, slik at grensa gjekk midt i elva, og til Jabbok-elva, som er grense mot ammonittane;

<sup>17</sup> dessutan Araba-sletta med Jordan som grense frå Kinneret-sjøen til Araba-sjøen, det vil seia Saltsjøen, ved foten av Pisga-liene i aust.

<sup>18</sup> Den gongen gav eg dykk dette påbodet: «Herren dykkar Gud har gjeve dykk dette landet i eige. Krigarar! Væpna til strid skal de alle kryssa elva føre brørne dykkar, israelittane.

<sup>19</sup> Berre kvinner og born og husdyr – for eg veit at de har mykje fe – skal vera att i dei byane eg har gjeve dykk.

<sup>20</sup> Først når Herren har late brørne dykkar koma til ro liksom de, og dei òg har teke det landet som Herren dykkar Gud vil gje dei på den andre sida av Jordan, kan de fara heim att, kvar til sin eigedom som eg har gjeve dykk.»

<sup>21</sup> Samstundes gav eg Josva dette påbodet: «Med eigne auge har du sett alt det som Herren dykkar Gud har gjort med desse to kongane. Det same vil Herren gjera med alle dei kongerika du skal gå igjennom.

<sup>22</sup> Ver ikkje redd dei! For Herren dykkar Gud vil sjølv slåst for dykk.»

### **Moses får ikkje koma inn i landet**

<sup>23</sup> Den gongen bad eg inderleg til Herren:

<sup>24</sup> «Herre vår Gud, du har byrja å syna ditt velde og di sterke hand for tenaren din. Kvar finst det ein gud i himmelen eller på jorda som kan gjera slike gjerningar og storverk som du?

<sup>25</sup> Lat meg få koma over og sjå det gode landet på den andre sida av Jordan, dette fagre fjellandet og Libanon.»

<sup>26</sup> Men for dykkar skuld vart Herren harm på meg og ville ikkje høyra på meg. Herren sa til meg: «Det er nok. Snakk ikkje meir til meg om dette!

<sup>27</sup> Gå opp på toppen av Pisga-fjellet og vend auga dine mot vest og nord og sør og aust. Sjå deg omkring! For du skal aldri koma over Jordan.

<sup>28</sup>Gjev oppdraget til Josva og gjer han modig og sterk! For det er han som skal føra dette folket over Jordan. Det landet du no ser, skal han gje dei til eige.»

<sup>29</sup>Så slo vi oss til der i dalen, midt imot Bet-Peor.

## 5. Mosebok 4

### Truskap mot Herrens bod

<sup>1</sup>Og no, Israel! Høyr dei forskriftene og lovene som eg lærer dykk å halda, så de kan få leva og koma inn i det landet som Herren, dykkar fedrars Gud, vil gje dykk, og ta det i eige.

<sup>2</sup>De skal ikkje leggja noko til det eg byd dykk, og ikkje ta noko ifrå, men halda dei boda frå Herrendykkar Gud som eg gjev dykk.

<sup>3</sup>Med eigne auge har de sett kva Herren gjorde ved Baal-Peor. Herren din Gud utrydda kvar den som følgde Baal-Peor hos deg.

<sup>4</sup>Men de som heldt fast ved Herren dykkar Gud, har alle fått leva til denne dag.

<sup>5</sup>Sjå, eg har lært dykk forskrifter og lover, slik som Herren min Gud påla meg, for at de skal leva etter dei i det landet de går inn i og legg under dykk.

<sup>6</sup>De skal halda dei og leva etter dei! For då vil dei andre folka sjå kor kloke og vituge de er. Når dei høyrer om alle desse forskriftene, kjem dei til å seia: «Så klokt og vitug det er, dette store folket!»

<sup>7</sup>Kvar finst det vel eit stort folk med ein gud som er så nær dei som Herren vår Gud er nær oss kvar gong vi kallar på han?

<sup>8</sup>Og kvar finst det vel eit stort folk som har så rettferdige forskrifter og lover som heile den lova eg legg fram for dykk i dag?

### Påminning om pakta frå Horeb

<sup>9</sup>Ta deg i vare og vakta deg vel så du ikkje gløymer det du har sett med eigne auge. Lat det aldri gå deg av minne så lenge du lever, men fortel borna og barneborna dine om det,

<sup>10</sup> om den dagen då du stod framfor Herren din Gud ved Horeb, den gongen Herren sa til meg: «Kall folket saman for meg! Eg vil la dei høyra orda mine, så dei kan læra å frykta meg så lenge dei lever i landet, og læra borna sine det same.»

<sup>11</sup> Då kom de og stod innmed foten av fjellet, og fjellet brann med eldtunger som nådde inn i himmelen. Det var mørker, skyer og skodde.

<sup>12</sup> Og Herren tala til dykk ut frå elden. De høyrde lyden av orda, men såg ingen skapnad. Det var berre ei røyst.

<sup>13</sup> Han kunngjorde pakta si som han påla dykk å halda, dei ti boda som han skreiv på to steintavler.

<sup>14</sup> Den gongen påla Herren meg å læra dykk dei forskriftene og lovene de skal leva etter i det landet de er på veg til og skal leggja under dykk.

### **Forbod mot gudebilete**

<sup>15</sup> Ta dykk vel i akt! De såg ingen skapnad den dagen Herren tala til dykk ut frå elden på Horeb.

<sup>16</sup> Difor må de ikkje gjera noko så øydeleggjande som å laga dykk gudebilete av nokon skapnad, ikkje noko bilete med form som ein mann eller ei kvinne,

<sup>17</sup> eit dyr på jorda eller ein fugl som flyg under himmelen,

<sup>18</sup> eit kryp på marka eller ein fisk i vatnet under jorda.

<sup>19</sup> Og når du lyfter auga dine opp mot himmelen og ser sola og månen og stjernene, heile himmelhæren, må du heller ikkje la deg riva med så du tilbed dei og dyrkar dei, for desse har Herren din Gud gjeve til alle folka under himmelen.

<sup>20</sup> Men dykk har Herren teke og ført ut or smelteomnen, ut frå Egypt, for at de skal vera eigedomsfolket hans, slik de er i dag.

<sup>21</sup> Men Herren vart harm på meg for dykkar skuld, og han svor at eg ikkje skulle få gå over Jordan og ikkje koma inn i det gode landet som Herren din Gud vil gje deg til eige.

<sup>22</sup> Eg må døy i dette landet og får ikkje koma over Jordan. Men de skal få gå over elva og ta det gode landet i eige.

<sup>23</sup>Ta dykk i vare så de ikkje gløymer pakta som Herren dykkar Gud har gjort med dykk, og lagar dykk gudebilete i skapnad av noko som Herren din Gud har forbode deg.

<sup>24</sup> For Herren din Gud er ein øydande eld, ein nidkjær Gud.

<sup>25</sup>Du skal få born og barneborn og bu lenge i landet. Men dersom de gjer noko så øydeleggjande som å laga gudebilete i nokon skapnad, gjer det som er vondt i Herren din Guds auge og gjer han rasande,

<sup>26</sup> tek eg i dag himmel og jord til vitne på at de snart blir utrydda frå det landet de legg under dykk når de går over Jordan. De får ikkje leva lenge der, men skal gå heilt til grunne.

<sup>27</sup> Herren skal spreia dykk mellom folka. Ein liten rest blir att blant folkeslaga Herren fører dykk bort til.

<sup>28</sup> Der kjem de til å dyrka gudar som er laga av menneskehender, stukk og stein som korkje kan sjå eller høyra, eta eller lukta.

<sup>29</sup> Men dersom de søkjer Herren din Gud der, skal du finna han når du søkjer han av heile ditt hjarte og heile di sjel.

<sup>30</sup> I di naud, når alt dette rammar deg i dagar som kjem, skal du venda om til Herren din Gud og høyra på røysta hans.

<sup>31</sup> For Herrendin Gud er ein miskunnsam Gud. Han slepper deg ikkje og øydelegg deg ikkje. Han gløymer ikkje den pakta han gjorde med fedrane dine, og som han stadfeste med eid.

### **Herren har vist si kraft**

<sup>32</sup>Spør berre om dei framfarne dagar som var lenge før di tid, alt frå den dagen då Gud skapte menneska på jorda, spør frå den eine enden av himmelen til den andre: Har det hendt noko så stort som dette, har nokon høyrte om slikt?

**33** Har noko folk høyrte ei guderøyst tala ut frå elden, slik som du gjorde, og endå fått leva?

**34** Eller har nokon gud prøvd å koma og henta seg eit folk ut frå eit anna, ved prøvingar og teikn, ved under og krig, med sterk hand og utstrekt arm og store, skremmelege gjerningar? Alt dette såg du at Herren dykkar Gud gjorde for dykk i Egypt.

**35** Du fekk sjå det for at du skulle vita at det er Herren som er Gud, og at ingen er til utanom han.

**36**Frå himmelen lét han deg høyra røysta si for å rettleia deg; på jorda lét han deg sjå sin store eld, og ut frå elden høyrde du orda hans.

**37** Han elska fedrane dine og valde ut etterkomarane deira. Difor har han ved sitt nærvær og med si store kraft ført deg ut frå Egypt.

**38**For di skuld driv han ut folkeslag som er større og sterkare enn du, og fører deg inn i landet deira og gjev deg det til eige, slik det er i dag.

**39** Så skal du no vita og leggja deg på hjartet at Herren er Gud, både oppe i himmelen og nede på jorda, og det finst ingen annan.

**40** Du skal halda forskriftene og boda hans som eg gjev deg i dag. Då kan det gå deg vel, og borna dine etter deg, og du kan leva lenge i det landet Herren din Gud gjev deg for all framtid.

### **Fristader aust for Jordan**

**41** På den tid skilde Moses ut tre byar på den andre sida av Jordan, der sola står opp.

**42**Dit kunne ein drapsmann rømme når han hadde slege nokon i hel av vanvare og ikkje bar hat til han frå før. Rømde han til ein av desse byane, kunne han berga livet.

**43** Beser på slettelandet i ørkenen skulle vera for rubenittane, Ramot i Gilead for gadittane og Golan i Basan for Manasse.

### **Moses kunngjer lova**

<sup>44</sup> Dette er den lova Moses la fram for israelittane.

<sup>45</sup> Dette er dei reglar, forskrifter og lover som Moses kunngjorde for israelittane då dei hadde drege ut frå Egypt.

<sup>46</sup> Dei var på den andre sida av Jordan, i dalen midt imot Bet-Peor, i landet til amorittkongen Sihon, som budde i Hesjbon. Det var han som Moses og israelittane slo då dei drog ut frå Egypt.

<sup>47</sup> Og dei tok både hans land og landet til kong Og i Basan, to amorittkongar som rådde over landet på den andre sida av Jordan, der sola står opp,

<sup>48</sup> frå Aroer, som ligg ut mot Arnon-elva, til Sirjon-fjellet, som blir kalla Hermon,

<sup>49</sup> og dessutan heile Araba-sletta på den andre sida av Jordan, mot aust, heilt til Araba-sjøen nedanfor Pisga-liene.

## 5. Mosebok 5

### Dei ti boda

<sup>1</sup> Moses kalla saman heile Israel og sa til dei: Høyr, Israel, dei forskriftene og lovene som eg kunngjer dykk i dag. Lær dei, og legg vinn på å leva etter dei!

<sup>2</sup> Herren vår Gud gjorde ei pakt med oss ved Horeb.

<sup>3</sup> Det var ikkje med fedrane våre Herren gjorde den pakta, men med oss, alle vi som lever og er her i dag.

<sup>4</sup> Andlet til andlet tala Herren med dykk på fjellet, ut frå elden.

<sup>5</sup> Eg stod mellom Herren og dykk den gongen og kunngjorde Herrens ord for dykk. For de var redde elden og gjekk ikkje opp på fjellet. Han sa:

<sup>6</sup> Eg er Herren din Gud som førte deg ut frå Egypt, ut frå slavehuset.

<sup>7</sup> Du skal ikkje ha andre gudar enn meg.

<sup>8</sup> Du skal ikkje laga deg gudebilete av nokon skapnad oppe i himmelen eller nede på jorda eller i vatnet under jorda.



<sup>9</sup>Du skal ikkje tilbe dei og ikkje la deg freista til å dyrka dei. For eg, Herren din Gud, er ein nidkjær Gud som straffar borna i tredje og fjerde slektsledd for synda til fedrane når dei hatar meg,

<sup>10</sup>men viser trufast kjærleik i tusen slektsledd mot dei som elsker meg og held boda mine.

<sup>11</sup>Du skal ikkje misbruka namnet til Herren din Gud, for Herren lèt ikkje den gå fri som misbruker namnet hans.

<sup>12</sup>Du skal akta på sabbatsdagen og halda han heilag, slik Herrendin Gud har bode deg!

<sup>13</sup>Seks dagar skal du arbeida og gjera all di gjerning,

<sup>14</sup>men den sjuande dagen er sabbat for Herren din Gud. Då skal du ikkje gjera noko arbeid, korkje du eller son din eller dotter di, korkje slaven din eller slavekvinna di, korkje oksen eller eselet eller noko anna av dyra dine, eller innflyttaren som bur i byane dine, slik at slaven og slavekvinna skal få kvila, dei som du.

<sup>15</sup>Kom i hug at du sjølv var slave i Egypt då Herren din Gud førte deg ut derifrå med sterk hand og utstrekt arm. Difor har Herren din Gud pålagt deg å halda sabbatsdagen.

<sup>16</sup>Du skal heidra far din og mor di, slik Herren din Gud har bode deg. Då skal du få leva lenge, og det skal gå deg vel i det landet Herren din Gud gjev deg.

<sup>17</sup>Du skal ikkje slå i hel.

<sup>18</sup>Du skal ikkje bryta ekteskapet.

<sup>19</sup>Du skal ikkje stela.

<sup>20</sup>Du skal ikkje vitna falskt mot nesten din.

<sup>21</sup>Du skal ikkje trå etter kona til nesten din. Du skal ikkje ha lyst på huset eller jorda til nesten din, slaven eller slavekvinna, oksen eller eselet hans eller noko anna som høyrer nesten din til.

<sup>22</sup> Disse orda tala Herren med høg røyst til heile dykkar forsamling på fjellet, ut frå elden, skya og skodda. Han la ikkje til noko. Han skreiv orda på to steintavler og gav dei til meg.

### Moses som mellommann

<sup>23</sup> Då de hørde røysta ut frå mørkret medan fjellet stod i lys loge, kom de til meg, alle stammehovdingane og dei eldste iblant dykk,

<sup>24</sup>og sa: «Sjå, Herren vår Gud har synt oss sin herlegdom og sitt velde, og vi har høyrte røysta hans ut frå elden. I dag har vi sett at menneske kan høyra Gud tala og endå få leva.

<sup>25</sup>Kvifor skal vi då døy no? Denne store elden kjem til å gjera ende på oss. Høyrer vi endå lenger på røysta til Herren vår Gud, så døy vi.

<sup>26</sup>For finst det nokon skapning som har høyrte den levande Gud tala ut frå elden, slik som vi, og endå fått leva?

<sup>27</sup> Gå du bort dit og høyr kva Herren vår Gud seier! Så kan du fortelja oss alt det som Herren vår Gud seier til deg, og vi skal høyra det og leva etter det.»

<sup>28</sup>Då Herren hørde kva de sa til meg, sa han: «Eg har høyrte kva dette folket sa til deg. Det er rett alt det dei seier.

<sup>29</sup>Måtte dei berre ha eit slikt hjarte at dei fryktar meg og held alle boda mine så lenge dei lever! Då skal det alltid gå dei og borna deira vel.

<sup>30</sup>Gå og sei til dei: Dra tilbake til telta dykkar!

<sup>31</sup>Men du skal stå att her hos meg. Eg vil leggja fram for deg alle boda, forskriftene og reglane som du skal læra dei, for at dei skal leva etter dei i det landet eg gjev dei til eige.»

<sup>32</sup> Så følg då trufast det som Herren dykkar Gud har pålagt dykk. Vik ikkje av til høgre eller venstre!

<sup>33</sup> Følg alltid den vegen som Herrendykkar Gud har pålagt dykk å gå! Då skal de få leva. Det skal gå dykk vel, og de skal få bu lenge i det landet de tek til eige.

## 5. Mosebok 6

### Høyr, Israel

<sup>1</sup> Dette er dei boda, forskriftene og lovene som Herren dykkar Gud har pålagt meg å læra dykk, for at de skal leva etter dei i det landet de er på veg til og skal leggja under dykk.

<sup>2</sup> Du skal frykta Herren din Gud så lenge du lever, og halda alle boda og forskriftene hans som eg gjev deg, både du og son din og sonson din, og du skal få eit langt liv.

<sup>3</sup> Høyr då, Israel! Legg vinn på å leva etter dei! Då skal det gå deg vel. De skal bli talrike, slik som Herren, dine fedrars Gud, har lova deg, i eit land som fløymer med mjølk og honning.

<sup>4</sup> Høyr, Israel! Herren er vår Gud, Herren er éin.

<sup>5</sup> Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av all di makt.

<sup>6</sup> Desse orda som eg byd deg i dag, skal du gøyma i hjartet ditt.

<sup>7</sup> Du skal innprenta dei i borna dine og snakka om dei når du sit heime og når du går på vegen, når du legg deg og når du står opp.

<sup>8</sup> Du skal binda dei om handa di som eit teikn og bera dei på panna som eit merke.

<sup>9</sup> Du skal skriva dei på dørstolpane i huset ditt og på portane dine.

<sup>10</sup> No vil Herren din Gud føra deg inn i det landet som han med eid lova fedrane dine, Abraham, Isak og Jakob, at han ville gje deg, eit land med store, vakre byar som du ikkje har bygd,

<sup>11</sup> velfylte hus som du ikkje har fylt, utgravne brønnar som du ikkje har grave, vinmarker og oliventre som du ikkje har planta. Når du så har ete deg mett,

<sup>12</sup> ta deg då i vare så du ikkje gløymer Herren, som førte deg ut frå Egypt, ut frå slavehuset.

## Herren din Gud skal du frykta og tena

**13** Herren din Gud skal du frykta, han skal du tena, og ved hans namn skal du sverja.

**14** De skal ikkje følgja andre gudar, slike gudar som grannefolka dykkar følgjer.

**15** For Herren din Gud, som er hos deg, er ein nidkjær Gud. Harmen hans kunne flamma opp mot deg og utrydda deg frå jorda.

**16** De skal ikkje setja Herren dykkar Gud på prøve, slik som de gjorde ved Massa.

**17** Legg vinn på å halda lovene til Herren dykkar Gud, dei boda og forskriftene som han har gjeve deg.

**18** Du skal gjera det som er rett og godt i Herrens auge, så det kan gå deg vel. Då skal du få koma inn og ta i eige det gode landet som Herren med eid lova fedrane våre.

**19** Herren vil driva ut alle fiendane dine for deg, slik som han har sagt.

**20** Når son din i morgon spør deg: «Kva tyder desse boda, forskriftene og reglane som Herren vår Gud har gjeve dykk?»

**21** skal du svara: «Vi var slavar hos farao i Egypt, men Herren førte oss ut frå Egypt med sterk hand.

**22** Herren gjorde store teikn og under framfor auga våre og førte ulukke over Egypt og farao og heile hans hus.

**23** Men oss førte han ut derifrå slik at han kunne leia oss inn i og gje oss det landet som han med eid hadde lova fedrane våre.

**24** Herren baud oss å halda alle desse forskriftene og frykta Herren vår Gud, slik at det kunne gå oss vel alle dagar og han kunne la oss leva, som han har gjort til denne dag.

**25** Og det skal vera vår rettferd, at vi for Herren vår Guds andlet trufast følgjer alle desse boda, slik han har pålagt oss.»

## 5. Mosebok 7

### Guds utvalde folk

<sup>1</sup>Når no Herren din Gud fører deg til det landet som du er på veg til og skal leggja under deg, vil han driva ut mange folkeslag for deg: hetittane, girgasjittane, amorittane, kanaanearane, perisittane, hevittane og jebusittane, sju folkeslag som er større og sterkare enn du.

<sup>2</sup>Når Herren din Gud gjev dei i di makt, så du vinn over dei, skal du slå dei med bann. Du må ikkje gjera noka pakt med dei og ikkje visa dei nåde.

<sup>3</sup>Du må ikkje knyta slektsband med dei. Gjev ikkje dotter di til son hans, og ta ikkje dotter hans til kone for son din.

<sup>4</sup>For dei vil få borna dine til å venda seg bort frå meg og dyrka andre gudar. Då kjem Herrens harme til å loga mot dykk, og han vil snart utrydda deg.

<sup>5</sup>Nei, slik skal de gjera med dei: Riv ned altara deira, slå sund steinstøttene, hogg ned Asjera-pålane og brenn gudebileta.

<sup>6</sup>For du er eit heilagt folk for Herren din Gud. Blant alle folk på jorda har Herren din Gud valt deg ut til å vera hans folk, hans kostelege eigedom.

<sup>7</sup>Når Herren hadde godhug for dykk og valde dykk ut, var det ikkje fordi de var større enn alle andre folk; for de er det minste av alle folka.

<sup>8</sup>Men fordi Herren elska dykk og ville halda den eiden han hadde svore fedrane dykkar, førte Herren dykk ut med sterk hand. Han fria deg ut frå slavehuset, frå handa til farao, egyptarkongen.

<sup>9</sup>Så vit då at det er Herren din Gud som er Gud, den trufaste Gud som held si pakt og viser kjærleik i tusen ledd mot dei som elsker han og held boda hans,

<sup>10</sup>men som gjev att i same stund og gjer ende på dei som hatar han. Han er ikkje sein med å straffa den som hatar han.

<sup>11</sup>Så hald då fast ved dei boda, forskriftene og lovene som eg gjev deg i dag, og lev etter dei.

### Lydnad og velsigning

**12** Dersom de høyrer desse lovene, held dei og gjer etter dei, skal Herren din Gud halda fast ved si pakt og sin kjærleik som han med eid lova fedrane dine.

**13** Han skal elska deg og velsigna deg og gjera deg talrik. Han skal velsigna frukta av ditt morsliv og frukta av ditt åkerland, korn, ny vin og fin olje, det som blir fødd av storfe, og det som kjem til av småfe, i det landet han med eid lova fedrane dine å gje deg.

**14** Velsigna skal du vera framfor alle andre folk. Hos deg skal ingen vera ufruktbare, korkje menn eller kvinner eller nokon av husdyra dine.

**15** Herren skal halda all sjukdom borte frå deg. På deg skal han ikkje leggja nokon av dei vonde farsottene som du kjenner frå Egypt, men han skal leggja dei på alle som hatar deg.

**16** Du skal utrydda alle dei folka som Herren din Gud overgjev deg, og du skal ikkje visa dei medkjensle. Du skal ikkje dyrka gudane deira. Gjer du det, er du fanga i ei felle.

**17** Om du seier i hjartet: «Desse folkeslaga er større enn eg. Korleis skal eg greia å driva dei ut?»

**18** då skal du ikkje vera redd dei. Hugs kva Herrendin Gud gjorde med farao og heile Egypt,

**19** dei mektige gjerningane, teikna og undera som auga dine såg då Herren med sterk hand og utstrekt arm førte deg ut. Det same skal Herren din Gud gjera med alle dei folka du no er redd.

**20** Herren din Gud skal jamvel senda ein bisverm over dei, heilt til alle som er att eller har gøymt seg for deg, har gått til grunne.

**21** Lat deg ikkje skremma av dei, for Herren din Gud er hos deg, ein Gud som er stor og vekkjer frykt.

**22** Smått om senn skal Herren din Gud driva desse folkeslaga ut for deg. Du kan ikkje gjera ende på dei med ein gong, for då kunne villdyra bli for mange for deg.

<sup>23</sup>Herren din Gud skal gje folka over til deg og spreia stor forvirring blant dei, til dei er utrydda.

<sup>24</sup>Han skal gje kongane deira i dine hender, og du skal utsletta namna deira under himmelen. Ingen skal kunna stå seg mot deg til du har utrydda dei.

<sup>25</sup>Gudebileta deira skal de brenna opp. Bli ikkje freista til å ta sølvet og gullet som er på dei og ha det for dykk sjølve. Då blir du fanga i ei felle, for det er avskyeleg for Herren din Gud.

<sup>26</sup>Lat ikkje dette avskyelege koma inn i huset ditt; då blir du bannlyst liksom det. Du skal inderleg avsky det og halda det for avskyeleg, for det er bannlyst.

## 5. Mosebok 8

### Det gode landet

<sup>1</sup>Alle dei boda eg gjev deg i dag, skal de trufast følgja. Då skal de få leva og bli talrike og få koma inn og ta i eige det landet som Herren med eid lova fedrane dykkar.

<sup>2</sup>Hugs den lange vegen som Herren din Gud førte deg desse førti åra i ørkenen. Han ville audmjuka deg og prøva deg og sjå kva som budde i hjartet ditt, om du ville halda boda hans eller ikkje.

<sup>3</sup>Han audmjuka deg; han lét deg svelta og lét deg eta manna, ein mat som korkje du eller fedrane dine kjende til. Slik ville han visa deg at mennesket ikkje lever berre av brød; mennesket lever av kvart ord som kjem frå Herrens munn.

<sup>4</sup>Kleda du hadde på deg, vart ikkje utslitne, og føtene dine hovna ikkje i desse førti åra.

<sup>5</sup>Og du skal vita i hjartet ditt at Herren din Gud vil oppdra deg liksom ein mann oppdreg son sin.

<sup>6</sup>Då skal du òg halda boda til Herren din Gud så du går på hans vegar og har age for han.

<sup>7</sup>For Herren din Gud fører deg inn i eit godt land, eit land med rennande bekker, med kjelder og vassårer som spring fram i dalane og på fjellet,

<sup>8</sup>eit land med kveite og bygg, med vinstokkar, fikentre og granatepletre, eit land med olivenolje og honning,

<sup>9</sup>eit land der du ikkje skal eta brødet ditt i fattigdom og ikkje mangla nokon ting, eit land der det er jern i steinane og du kan bryta kopar ut av fjellet.

<sup>10</sup>Der skal du eta og bli mett og velsigna Herren din Gud for det gode landet han har gjeve deg.

### **Åtvaring mot å gløyma Herren**

<sup>11</sup>Ta deg i vare så du ikkje gløymer Herren din Gud og lèt vera å halda boda, lovene og forskriftene hans som eg i dag byd deg å halda.

<sup>12</sup>Når du et og blir mett, når du byggjer deg fine hus og får bu i dei,

<sup>13</sup>når storfeet og småfeet ditt aukar, når du får mengder av gull og sølv og eigedomane dine veks,

<sup>14</sup>ta deg då i vare så du ikkje blir hovmodig og gløymer Herrendin Gud som førte deg ut frå Egypt, ut frå slavehuset.

<sup>15</sup>Han førte deg gjennom den store, uhyggjelege ørkenen med giftslangar og skorpionar, eit uttørka land utan vatn. Han lét vatnet strøyma for deg frå harde fjellet,

<sup>16</sup>han lét deg eta manna i ørkenen, ein mat som fedrane dine aldri hadde høyrte om. Alt dette gjorde han fordi han ville audmjuka deg og prøva deg og så gjera vel mot deg til slutt.

<sup>17</sup>Du kan seia i hjartet ditt: «Det er mi eiga kraft og mi sterke hand som har skaffa meg denne rikdomen.»

<sup>18</sup>Men hugs Herren din Gud, for det er han som gjev deg kraft til å vinna rikdom. Slik vil han stå ved den pakta som han gjorde med fedrane dine, slik han òg gjer det i dag.



<sup>19</sup> Men om du gløymer Herren din Gud og følgjer andre gudar, dyrkar dei og tilbed dei, då skal de gå til grunne. Det er vitnemålet mitt til dykk i dag.

<sup>20</sup> Liksom folkeslaga Herren utryddar for dykk, skal de sjølve gå til grunne fordi de ikkje ville høyra på røysta til Herren dykkar Gud.

## 5. Mosebok 9

### Herren gjev siger

<sup>1</sup> Høyr, Israel! Du skal i dag gå over Jordan og dra inn for å driva bort folkeslag som er større og sterkare enn du, for å ta store byar med himmelhøge festningsmurar.

<sup>2</sup> Eit stort og høgvakse folk er anakittane, som du veit. Du har høyrte at det blir sagt: «Kven kan stå seg mot anakittane?»

<sup>3</sup> Men i dag skal du vita at Herren din Gud sjølv går føre deg som ein øydande eld. Han vil utrydda dei og kua dei så du raskt kan driva dei bort og gjera ende på dei, slik som Herren har sagt deg.

<sup>4</sup> Når Herren din Gud driv dei ut for deg, må du ikkje seia i hjartet ditt: «Det er fordi eg er rettferdig at Herren har late meg koma inn i dette landet og leggja det under meg.» Nei, det er fordi dei har gjort urett at Herren tek landet frå desse folkeslaga.

<sup>5</sup> Det er ikkje fordi du er rettferdig og rettviss at du får gå inn og leggja landet deira under deg. Nei, fordi dei har gjort urett, tek Herren din Gud landet frå desse folkeslaga, og fordi Herren vil halda den lovnaden han med eid gav fedrane dine, Abraham, Isak og Jakob.

<sup>6</sup> Så skal du då vita at det ikkje er på grunn av di rettferd Herren din Gud lèt deg få ta dette gode landet, for du er eit stivnakka folk.

### Israel gjorde Herren harm

<sup>7</sup> Hugs det, og gløym aldri korleis du vekte Herren din Guds harme i ørkenen. Heilt frå den dagen du gjekk ut frå Egypt og til de kom til denne staden, har de stadig gjort opprør mot Herren.

<sup>8</sup> Ved Horeb vekte de Herrens harme. Han vart så vreid at han ville gjera ende på dykk.

<sup>9</sup> Då eg gjekk opp på fjellet for å ta imot steintavlene, tavlene med pakta som Herren hadde gjort med dykk, vart eg verande på fjellet i førti dagar og førti netter utan å eta brød og utan å drikka vatn.

<sup>10</sup> Herren gav meg dei to steintavlene, skrivne med Guds finger. På dei stod alle dei orda som Herren hadde tala til dykk ut frå elden på fjellet den dagen de var samla der.

<sup>11</sup> Då dei førti dagane og nettene var over, gav Herren meg dei to steintavlene, pakttavlene.

<sup>12</sup> Og Herren sa til meg: «Stå opp og skund deg ned herifrå! Folket ditt, som du førte ut frå Egypt, har gjort noko forferdeleg. Dei har vore snare til å ta av frå den vegen eg sa dei skulle gå. Dei har støypt seg eit gudebilete.»

<sup>13</sup> Og Herren sa til meg: «Eg har sett dette folket. Sjå for eit stivnakka folk det er!

<sup>14</sup> Gå frå meg, så eg kan utrydda dei og utsletta namnet deira under himmelen. Deg vil eg gjera til eit folk som er sterkare og større enn dette.»

<sup>15</sup> Så snudde eg meg og gjekk ned frå det brennande fjellet. I begge hender hadde eg dei to pakttavlene.

<sup>16</sup> Då fekk eg sjå at de hadde synda mot Herren dykkar Gud og laga dykk ein støypt kalv. De hadde vore snare til å ta av frå den vegen Herren hadde sagt de skulle gå.

<sup>17</sup> Med begge hendene greip eg dei to tavlene og kasta dei frå meg så dei vart knuste framfor auga dykkar.

<sup>18</sup> Så fall eg ned framfor Herrens andlet slik eg før hadde gjort. I førti dagar og førti netter åt eg ikkje brød og drakk eg ikkje vatn, for de hadde synda, gjort det som vondt er i Herrens auge og gjort han rasande.

<sup>19</sup>For eg var redd at Herren hadde vorte så brennande harm og vreid på dykk at han ville utrydda dykk. Men Herren hørde bøna mi denne gongen òg.

<sup>20</sup>Sjølv mot Aron var han så harm at han ville utsletta han. Difor bad eg òg for Aron den gongen.

<sup>21</sup>Og synda de hadde gjort, kalven, tok eg og brende. Eg knuste han og mol han til fint støv. Så kasta eg støvet i bekken som renn ned frå fjellet.

<sup>22</sup>I Tabera, Massa og Kibrot-Hattaava vekte de òg Herrens harme.

<sup>23</sup>Og då Herren sende dykk ut frå Kadesj-Barnea og sa at de skulle dra opp og ta det landet som han hadde gjeve dykk, sette de dykk opp mot detHerren dykkar Gud hadde sagt. De trudde ikkje på han og hørde ikkje på røysta hans.

<sup>24</sup>Så lenge eg har kjent dykk, har de gjort opprør mot Herren.

#### **Moses bed for folket**

<sup>25</sup>Så fall eg ned for Herrens andlet og låg der i førti dagar og førti netter fordi Herren hadde sagt at han ville utrydda dykk.

<sup>26</sup>Og eg bad tilHerren og sa: «Herre, min Gud, øydelegg ikkje ditt eige folk som du fria ut i ditt velde og førte ut frå Egypt med sterk hand.

<sup>27</sup>Hugs tenarane dine, Abraham, Isak og Jakob, og sjå ikkje på kor hardt, lovlaust og syndig dette folket er!

<sup>28</sup>Elles kunne dei seia i det landet du førte oss ut frå: Herrenmakta ikkje å føra dei til det landet han hadde lova dei. Han hata dei, og difor førte han dei ut i ørkenen for å døy.

<sup>29</sup>Dei er då ditt folk og din eigedom, som du har ført ut med di store kraft og din utstrekke arm.»

## **5. Mosebok 10**

### **Paktkista og prestetenesta til levittane**

<sup>1</sup>På den tid sa Herren til meg: «Hogg til to steintavler, maken til dei første, og kom opp på fjellet til meg. Lag deg òg ei trekiste.

<sup>2</sup>På tavlene vil eg skriva dei same orda som på dei første tavlene, dei du knuste, og du skal leggja dei i kista.»

<sup>3</sup>Og eg laga ei kiste av akasietre, hogg til to steintavler, like dei første, og gjekk opp på fjellet med dei to tavlene i handa.

<sup>4</sup>På tavlene skreiv han dei same orda som første gongen, dei ti boda som Herrendykkar Gud hadde forkynt for dykk på fjellet, ut frå elden, den dagen de var samla. Og Herren gav dei til meg.

<sup>5</sup>Så snudde eg meg og gjekk ned frå fjellet. Eg la tavlene i kista eg hadde laga, og der vart dei liggjande, slik som Herren hadde sagt meg.

<sup>6</sup>Israelittane drog vidare frå kjeldene ved Bene-Jaakan til Mosera. Der døydde Aron, og der vart han gravlagd. Og Elasar, son hans, vart prest etter han.

<sup>7</sup>Derifrå drog dei til Gudgod og frå Gudgod til Jotba, eit land med mange bekker.

<sup>8</sup>På den tid skilde Herren ut Levi-stammen til å bera Herrenspaktkiste og til å stå for Herrens andlet og gjera teneste for han og lysa velsigning i hans namn, og det har dei gjort til denne dag.

<sup>9</sup>Difor fekk ikkje Levi nokon arv og del saman med brørne sine. Herren er arven hans, slik som Herren din Gud har sagt han.

<sup>10</sup>Og eg vart verande på fjellet i førti dagar og førti netter, liksom første gongen. Også denne gongen hørde Herren bøna mi. Han ville ikkje la deg gå til grunne.

<sup>11</sup>Så sa Herren til meg: «Reis deg, bryt opp og gå i spissen for folket, så dei kan koma inn og ta det landet som eg med eid lova fedrane deira at eg ville gje dei.»

### **Gud over alle gudar**

<sup>12</sup>Og no, Israel, kva er det Herren din Gud krev av deg? Berre dette: at du fryktar Herren din Gud, så du alltid går på hans vegar og elsker han og tener Herren din Gud av heile ditt hjarte og heile di sjel,

<sup>13</sup> og at du held Herrens bod og forskrifter, som eg gjev deg i dag. Då skal det gå deg vel.

<sup>14</sup> Sjå, himmelen og himmelen over alle himlar, jorda og alt som finst der, høyrer Herren din Gud til.

<sup>15</sup> Men det var berre fedrane dine Herren elska og batt seg til, slik at han valde ut dykk som er etterkomarane deira, framfor alle dei andre folka, slik det òg er i dag.

<sup>16</sup> Så omskjer då hjartet dykkar og ver ikkje lenger så hardnakka!

<sup>17</sup> For Herren dykkar Gud er Gud over alle gudar og Herre over alle herrar, den store, mektige og skremmande Gud som ikkje gjer skilnad på folk, og som ikkje lèt seg kjøpa.

<sup>18</sup> Han gjer rett mot farlause og enkjer, og han elsker innflyttarane i landet, så han gjev dei mat og klede.

<sup>19</sup> De skal elska innflyttarane, for de var sjølve innflyttarar i Egypt.

<sup>20</sup> Herren din Gud skal du frykta, og han skal du tena. Han skal du halda fast ved, og ved hans namn skal du sverja.

<sup>21</sup> Han er din lovsong, og han er din Gud, som har gjort desse store og skremmande gjerningane for deg som du har sett med egne auge.

<sup>22</sup> Fedrane dine var sytti i talet då dei drog ned til Egypt. Men no har Herren din Gud gjort deg talrik som stjernene på himmelen.

## 5. Mosebok 11

<sup>1</sup> Difor skal du elska Herren din Gud og alltid halda det han har fastsett, forskriftene, lovene og boda hans.

### Herrens storverk

<sup>2</sup> Den dag i dag kjenner de Herren dykkar Guds oppseding, som borna dykkar ikkje kjenner og ikkje har sett: hans velde, hans sterke hand og hans utstrekke arm,

<sup>3</sup> dei teikn og gjerningar han gjorde i Egypt mot farao, kongen i Egypt, og heile landet hans,

<sup>4</sup> det han gjorde med hæren til egyptarane, med hestane og vognene deira då han lét vatnet i Sivsjøen velta innover dei medan dei forfølgde dykk, så han gjorde ende på dei for alltid,

<sup>5</sup> det han gjorde for dykk i ørkenen, heilt til de kom til denne staden,

<sup>6</sup> og det han gjorde med Datan og Abiram, sønene til Eliab, son til Ruben, den gongen jorda opna gapet og slukte dei og familiare deira, telte deira og kvar levande skapning i følgjet deira, midt iblant alle israellittane.

<sup>7</sup> Ja, med eigne auge har de sett alle dei storverka som Herren har gjort.

### **Eit land med mjølk og honning**

<sup>8</sup> Hald difor alle dei boda eg gjev deg i dag, slik at de kan bli sterke og kan koma og ta det landet de er på veg til og skal leggja under dykk.

<sup>9</sup> Då skal de få leva lenge i det landet som Herren med eid lova fedrane dykkar at han ville gje til dei og etterkomarane deira, eit land som fløymer med mjølk og honning.

<sup>10</sup> For det landet du no går inn i og skal leggja under deg, liknar ikkje Egypt, det landet de drog ifrå. Der måtte du, som i ein grønsakhage, bruka føtene når du skulle så frøet ditt og vatna.

<sup>11</sup> Men landet de no er på veg til for å leggja under dykk, er eit land med fjell og dalar. Det får vatn å drikkja av regnet frå himmelen.

<sup>12</sup> Det er eit land som Herren din Gud har omsut for. Alltid kviler Herren din Guds auge på det, frå året byrjar til det endar.

<sup>13</sup> Om de lyder dei boda som eg gjev dykk i dag, og elsker Herrendykkar Gud og tener han av heile dykkar hjarte og heile dykkar sjel,

<sup>14</sup> vil eg la landet få regn i rett tid, haustregn og vårregn, så du kan hausta inn korn, ny vin og fin olje.

<sup>15</sup> Gras skal eg la veksa på marka for buskapen din, og du skal få eta deg mett.

<sup>16</sup>Men akta dykk så ikkje hjartet blir ført på avvegar, så de vender dykk bort og dyrkar andre gudar og tilbed dei.

<sup>17</sup>For då logar Herrens harme opp mot dykk. Han stengjer himmelen så det ikkje fell regn og jorda ikkje gjev grøde. Og de går snart til grunne i det gode landet som Herren gjev dykk.

<sup>18</sup>Så ber då desse orda mine i hjarte og sinn. Bind dei om handa som eit teikn og ber dei på panna som eit merke.

<sup>19</sup>Lær dei vidare til borna dykkar, snakk om dei når du sit heime og når du går på vegen, når du legg deg og når du står opp.

<sup>20</sup>Skriv dei på dørstolpane i huset ditt og på portane dine.

<sup>21</sup>Då skal de og etterkomarane dykkar få leva lenge på den jorda som Herren med eid lova å gje fedrane dykkar, like lenge som himmelen kvelver seg over jorda.

<sup>22</sup>For dersom de legg vinn på å halda alle desse boda som eg gjev dykk, og lever etter dei så de elsker Herren dykkar Gud, alltid går på hans vegar og held fast ved han,

<sup>23</sup>då skal Herren driva ut alle desse folkeslaga framfor dykk, og de skal jaga bort folkeslag som er større og sterkare enn de.

<sup>24</sup>Kvar stad de set foten på, skal høyra dykk til. Området dykkar skal strekkja seg frå ørkenen og Libanon, frå den store elva Euftrat, til havet i vest.

<sup>25</sup>Ingen skal kunna stå seg mot dykk. Herren dykkar Gud skal setja skrekk og redsle for dykk i alt land de set foten på, slik som han har lova.

<sup>26</sup>Sjå, i dag legg eg fram for dykk velsigning og forbanning:

<sup>27</sup>velsigning så sant de lyder boda frå Herren dykkar Gud, som eg gjev dykk i dag;

<sup>28</sup>forbanning dersom de ikkje lyder boda frå Herren dykkar Gud, men tek av frå den vegen eg i dag byd dykk å gå, og følgjer andre gudar som de ikkje kjenner.

<sup>29</sup> Når Herren din Gud har ført deg inn i det landet du no er på veg til og skal leggja under deg, så skal du lysa velsigning over Garisim-fjellet og forbanning over Ebal-fjellet.

<sup>30</sup> Som alle veit, ligg desse fjella på den andre sida av Jordan, der sola går ned, i landet til kanaanearane som bur på Araba-sletta, rett imot Gilgal, ved More-eika.

<sup>31</sup>No skal de gå over Jordan for å gå inn og ta det landet som Herrendykkar Gud vil gje dykk. Når de har teke det og busett dykk der,

<sup>32</sup>følg då trufast alle dei forskrifter og lover som eg legg fram for dykk i dag.

## 5. Mosebok 12

### Ein bustad for Herrens namn

<sup>1</sup>Dette er dei forskriftene og lovene som de trufast skal følgja i det landet Herren, dine fedrars Gud, vil la deg ta i eige, så lenge de lever i landet.

<sup>2</sup>De skal øydeleggja alle dei stadene der folkeslaga som de driv bort, dyrkar gudane sine, på høge fjell og haugar og under kvart frodig tre.

<sup>3</sup>De skal riva ned altara deira, slå sund steinstøttene, brenna opp Asjera-pålane, hogga ned gudebileta og utsletta namna deira frå desse stadene.

<sup>4</sup>De skal ikkje dyrka Herren dykkar Gud på den måten.

<sup>5</sup>Men de skal søkja til den staden som Herren dykkar Gud vel ut blant alle stammene dykkar til bustad for namnet sitt. Dit skal du gå.

<sup>6</sup>Og dit skal de bera fram brennoffer og slaktoffer dykkar, tienda og dei gåvene de ber fram, lovnadsoffer og dei frivillige offer, og dei førstefødde dyra av storfeet og småfeet.

<sup>7</sup>Og der skal de halda måltid for Herren dykkar Guds andlet, de og huset dykkar, og gleda dykk over det som hendene dykkar har gjort, alt som Herren din Gud har velsigna deg med.

<sup>8</sup>De må ikkje bera dykk åt slik som vi gjer her i dag. No gjer kvar og ein som han sjølv finn det for godt.



<sup>9</sup>Enno er de ikkje komne fram til kvila, til den egedomen som Herren din Gud vil gje deg.

<sup>10</sup> De skal no gå over Jordan og busetja dykk i det landet Herren dykkar Gud vil gje dykk til eige. Han vil la dykk finna kvile og få fred for alle fiendar omkring, slik at de kan bu trygt.

<sup>11</sup>Då skal de koma med alt det eg byd dykk, til den staden som Herren dykkar Gud vel ut, og der han lèt namnet sitt bu: brennoffera og slaktoffera dykkar, tienda og gåvene de ber fram, og alle offera som de sjølve har lova Herren.

<sup>12</sup> De skal gleda dykk for Herrendykkar Guds andlet, de og sønene og døtrene dykkar, slavane og slavekvinnene dykkar og levitten som bur i byane dykkar; han har då ingen arv og del saman med dykk.

<sup>13</sup> Ta deg i vare så du ikkje ber fram brennoffera dine på kvar stad du ser.

<sup>14</sup>Berre på den staden Herren vel seg ut i ein av stammene dine, skal du bera fram brennoffera dine, og der skal du gjera alt det eg byd deg.

<sup>15</sup> Elles kan du slakta og eta kjøt så mykje du har hug til i alle byane dine, etter som Herren din Gud gjev deg signing til. Både ureine og reine kan eta det, liksom dei et kjøtet av gasell og hjort.

<sup>16</sup> Men blodet må de ikkje eta. Slå det ut på marka som vatn!

<sup>17</sup>Heime i byane dine må du ikkje eta tienda av korn, ny vin og fin olje, heller ikkje det som er førstefødd av storfeet og småfeet ditt, dei offera du sjølv har lova å gje, dei frivillige offera eller dei gåvene du ber fram.

<sup>18</sup>Men du skal eta dette for Herren din Guds andlet, på den staden Herren vil velja seg ut, du og son din og dotter di, slaven din og slavekvinna di og levitten som bur i byane dine, og du skal gleda deg for Herren din Guds andlet over alt det hendene dine har gjort.

<sup>19</sup> Ta deg i vare så du ikkje gløymer levitten så lenge du lever i landet ditt.

<sup>20</sup>Når Herren din Gud utvidar grensene dine slik han har lova deg, og du seier: «Eg vil eta kjøt» fordi du har hug på kjøt, då kan du eta kjøt så mykje du vil.

<sup>21</sup>Har du for lang veg til den staden Herren din Gud vil velja ut for namnet sitt, skal du gjera som eg har sagt deg. Du skal slakta av storfeet og småfeet som Herren gjev deg, og eta det heime i byane dine, så mykje du har hug på.

<sup>22</sup>Men et det som du et kjøtet av gasell og hjort! Både ureine og reine kan eta av det.

<sup>23</sup> Hald deg berre frå å eta blodet! For blodet er livet, og du må ikkje eta livet saman med kjøtet.

<sup>24</sup>Et ikkje blodet, men slå det ut på marka som vatn!

<sup>25</sup>Et du det ikkje, skal det gå deg og borna dine vel, for då gjer du det som rett er i Herrens auge.

<sup>26</sup>Berre lovnadsoffera og dei heilage gåvene som du vil gje, skal du ta med deg til den staden Herren vil velja seg ut.

<sup>27</sup>Brennoffera dine, både kjøtet og blodet, skal du leggja på altaret for Herren din Gud. Av slaktoffera skal blodet hellast ut på altaret åt Herren din Gud, men kjøtet kan du eta.

<sup>28</sup>Legg vinn på å lyda alt det eg byd deg! Då skal det gå deg og etterkomarane dine vel til alle tider, for då gjer du det som er godt og rett i Herren din Guds auge.

<sup>29</sup>Herren din Gud vil utrydda for deg dei folkeslaga som du no skal gå imot og driva bort. Når du så har drive dei bort og busett deg i landet deira,

<sup>30</sup> ta deg då i vare så du ikkje lèt deg lokka i ei felle og tek etter dei, etter at dei har vorte utrydda for deg. Du skal ikkje venda deg mot gudane deira og seia: «Korleis dyrka desse folkeslaga gudane sine? Eg vil gjera som dei.»

<sup>31</sup> Du skal ikkje dyrka Herren din Gud slik! Alle dei gjerningane som Herren skyr og hatar, gjer dei for gudane sine. Jamvel sønene og døtrene sine brenner dei i elden for gudane sine.

<sup>32</sup>Alt det eg byd dykk, skal de trufast følgja. Du skal ikkje leggja noko til og ikkje ta noko ifrå.

## 5. Mosebok 13

### Straffa for dei som lokkar til fråfall

<sup>1</sup>Det kan henda at det står fram ein profet eller drøymar hos deg og lovar deg eit teikn eller under.

<sup>2</sup>Så hender teiknet eller underet, slik han har sagt, men samstundes seier han: «Kom, lat oss følgja andre gudar» – som du ikkje kjenner – «og dyrka dei».

<sup>3</sup>Då skal du ikkje høyra på det som ein slik profet eller drøymar seier. For Herren dykkar Gud vil berre prøva dykk og sjå om de elsker Herren dykkar Gud av heile dykkar hjarte og av heile dykkar sjel.

<sup>4</sup>Herren dykkar Gud skal de følgja, og han skal de frykta. Hans bod skal de halda, og hans røyst skal de lyda. Han skal de dyrka, og han skal de halda fast ved.

<sup>5</sup>Men denne profeten eller drøymaren skal straffast med døden fordi han lokka deg bort frå den vegen som Herren din Gud baud deg å gå. På den måten forførte han dykk til å gjera opprør mot Herren dykkar Gud, han som førte dykk ut frå Egypt og fria deg ut frå slavehuset. Såleis skal du rydda ut det vonde hos deg.

<sup>6</sup>Det kan henda at bror din, son til mor di, eller son din eller dotter di, eller kona di som du tek i famn, eller den kjæraste venen din lokkar deg i løynd og seier: «Lat oss gå av og dyrka andre gudar» – gudar som korkje du eller fedrane dine har kjent,

<sup>7</sup>gudar som folka omkring dykk dyrkar, anten nær ved eller langt borte, frå den eine enden av jorda til den andre.

<sup>8</sup>Då skal du ikkje gje etter og ikkje høyra på han. Du skal ikkje visa han medkjensle og ikkje spara han eller dekkja han.

<sup>9</sup>Nei, du skal ta livet av han. Lat handa di vera den første som blir lyft mot han for å drepa, og sidan skal heile folket lyfta handa mot han.

<sup>10</sup>Du skal steina han i hel fordi han prøvde å lokka deg bort frå Herren din Gud, som førte deg ut frå Egypt, frå slavehuset.

<sup>11</sup>Og heile Israel skal høyra om det og bli gripne av redsle, så dei aldri meir gjer ei slik ugjerning blant folket ditt.

<sup>12</sup>Det kan henda du høyrer nokon seia om ein av dei byane Herren din Gud gjev deg å bu i,

<sup>13</sup>at det har stige fram svikefulle menneske hos deg og lokka dei som bur i byen og sagt: «Lat oss gå bort og dyrka andre gudar» – gudar som de ikkje kjenner.

<sup>14</sup>Då skal du saumfara saka nøye, granska og spørja deg føre. Om det er sant og det blir stadfest at dette avskyelege er gjort hos deg,

<sup>15</sup> skal du hogga ned folket i denne byen med sverd. Både byen og alt som er i han, skal du slå med bann og øydeleggja. Også buskapen skal du hogga ned med sverd.

<sup>16</sup> Alt hærfanget som er teke, skal du samla midt på torget. Og du skal brenna byen og hærfanget som eit heiloffer til Herren din Gud. Sidan skal byen liggja som ein ruinhaug og aldri byggjast opp att.

<sup>17</sup> Ikkje noko av det som er bannlyst, skal handa di festa seg ved. Då vil Herren venda seg bort frå sin brennande harme og gje deg miskunn. Han vil visa deg miskunn og gjera deg talrik, slik som han med eid lova fedrane dine.

<sup>18</sup>Du skal høyra på røysta til Herren din Gud og halda alle boda hans som eg gjev deg i dag, og gjera det som rett er i Herren din Guds auge.

## 5. Mosebok 14

### Forbodne sørgjeskikkar

<sup>1</sup> De er born av Herren dykkar Gud. De skal ikkje skjera dykk eller raka dykk snaue over panna når de sørgjer over ein som er død.

<sup>2</sup> For du er eit heilagt folk for Herren din Gud. Blant alle folk på jorda har Herren valt ut deg til å vera hans folk, hans kostelege eigedom.

### Reine og ureine dyr

<sup>3</sup> Du skal ikkje eta noko som er avskyeleg.

<sup>4</sup> Dette er dei dyra de kan eta: okse, sau, geit,

<sup>5</sup> hjort, gasell, dådyr, steinbukk, antilope, villokse og villgeit.

<sup>6</sup> Alle dyr som både har klauver, klauver som er kløyvde heilt igjennom, og som jortar, kan de eta.

<sup>7</sup> Men av dyr som anten jortar eller har klauver som er kløyvde heilt igjennom, skal de ikkje eta kamelen, haren og fjellgrevlingen, for dei jortar nok, men har ikkje klauver, og de skal halda dei for ureine.

<sup>8</sup> Svinet skal de òg halda for ureint, for det har klauver, men jortar ikkje. Kjøtet av desse dyra skal de ikkje eta, og skrottane deira skal de ikkje røra.

<sup>9</sup> Dette kan de eta av alt det som lever i vatnet: Alt som har finnar og skjel, kan de eta.

<sup>10</sup> Men de skal ikkje eta noko av det som ikkje har finnar og skjel. Det skal de halda for ureint.

<sup>11</sup> Alle reine fuglar kan de eta.

<sup>12</sup> Men desse fuglane skal de ikkje eta: ørna, lammegribben og svartgribben,

<sup>13</sup> glenten og alle slag falkar,

<sup>14</sup> alle slag ramnar,

<sup>15</sup> strutsen, ugla, måsen og alle slag haukar,

<sup>16</sup> kattugla, hubroen og slørugla,

<sup>17</sup> pelikanen, åtselgribben og skarven,

<sup>18</sup>storken og alle slag hegrar, hærfuglen og flaggermusa.

<sup>19</sup>Alle insekt som svermar, skal de halda for ureine. Dei må ikkje etast.

<sup>20</sup> Men alle reine fuglar kan de eta.

<sup>21</sup> De skal ikkje eta noko sjølvdaudt dyr. Det kan du gje til innflyttaren i byane dine så han kan eta det. Eller du kan selja det til ein framand. For du er eit heilagt folk for Herren din Gud. Du skal ikkje koka eit kje i mjølka frå mora.

### Lova om tiend

<sup>22</sup> Sjå til at du gjev tiend av avlinga di, alt det som veks på åkeren, år for år.

<sup>23</sup> For Herren din Guds andlet, på den staden han vel ut til bustad for namnet sitt, skal du eta tienda av korn, ny vin og fin olje, og dei førstefødde dyra av storfeet og småfeet, slik at du kan læra å frykta Herrendin Gud alle dine dagar.

<sup>24</sup> Men om vegen er for lang for deg, så du ikkje maktar å bera med deg tienda som Herren din Gud velsignar deg med, og staden som Herren din Gud vil velja seg ut for namnet sitt, er langt borte frå deg,

<sup>25</sup> kan du selja tienda for sølv. Ta sølvpengane i handa og gå til den staden som Herren din Gud vil velja seg ut.

<sup>26</sup> Der kan du bruka sølvet til å kjøpa alt du måtte ønskja deg, storfe og småfe, vin og sterk drikk og alt det du elles måtte be om. Så skal du halda måltid framfor Herren din Guds andlet og gleda deg, du og huset ditt.

<sup>27</sup> Du må heller ikkje gløyma levitten i byane dine, for han har ingen arv og del saman med deg.

<sup>28</sup> Kvart tredje år skal du ta heile tienda av det du har avla det siste året, og samla henne i byane dine.

<sup>29</sup> Så kan dei koma og eta seg mette, både levittane, som ikkje har nokon arv og del med deg, innflyttarane, dei farlause og enkjene i byane dine, og Herren din Gud vil velsigna deg og alt arbeidet du gjer med hendene dine.

## 5. Mosebok 15

### Året for ettergjeving av gjeld

<sup>1</sup> Sjuande kvart år skal du ettergje all gjeld.

<sup>2</sup> Og slik er reglane for ettergjeving: Kvar den som har lånt ut noko til nesten sin, skal ettergje lånet. Han skal ikkje krevja inn noko frå sin neste og sin bror, for det er utlyst ettergjeving frå Herren.

<sup>3</sup> Framande kan du krevja betaling av, men det du har til gode hos landsmannen din, skal du ettergje.

<sup>4</sup> Det skal ikkje finnast fattige hos deg, for Herren vil velsigna deg rikt i det landet Herren din Gud gjev deg til eige for at du skal ta det,

<sup>5</sup> så sant du fullt og heilt lyder røysta til Herren din Gud og trufast følgjer alle desse boda som eg gjev deg i dag.

<sup>6</sup> For Herren din Gud vil velsigna deg, slik som han har lova deg. Du skal låna ut til mange folkeslag, men sjølv skal du ikkje låna. Du skal rå over mange folkeslag, men dei skal ikkje rå over deg.

<sup>7</sup> Om det er ein fattig blant landsmennene dine i ein av byane i det landet som Herren din Gud vil gje deg, då skal du ikkje vera hardhjarta og ikkje lata att handa for den fattige bror din.

<sup>8</sup> Nei, du skal opna handa di for han og låna han alt det han treng.

<sup>9</sup> Ta deg i vare så ikkje denne vonde tanken får rom i hjartet ditt: «No lid det til det sjuande året, ettergjevingsåret», og så ser du med uvilje på den fattige bror din og gjev han ikkje noko. Han kunne ropa og klaga deg for Herren, og du gjer deg skuldig i synd.

<sup>10</sup> Gjev han villig, og ha ingen vonde tankar i hjartet når du gjev. Då skal Herren din Gud velsigna deg i alt ditt arbeid og alt du gjer med hendene dine.

<sup>11</sup> Fattige kjem det alltid til å vera i landet. Difor byd eg deg: Opna villig handa for bror din, for dei som lid naud og dei som er fattige i landet ditt!

### Korleis slavar skal setjast fri

<sup>12</sup> Når ein landsmann, ein hebrear, mann eller kvinne, blir seld til deg, skal han tena deg i seks år, men i det sjuande året skal du setja han fri og la han gå.

<sup>13</sup> Og når du set han fri, skal du ikkje senda han frå deg tomhendt.

<sup>14</sup> Lat han få rikeleg med seg av småfeet ditt og av det som kjem frå treskjeplass og vinpresse. Slik Herren din Gud har velsigna deg, skal du òg gje han.

<sup>15</sup> Kom i hug at du sjølv var slave i Egypt, og at Herrendin Gud fria deg ut. Difor gjev eg deg dette påbodet i dag.

<sup>16</sup> Men seier slaven din at han ikkje vil gå ifrå deg fordi han held av deg og dine og har det godt hos deg,

<sup>17</sup> skal du ta ein syl og stikka gjennom øyret hans og inn i døra, og han skal vera slaven din all si tid. Det same skal du gjera med slavekvinna di.

<sup>18</sup> Ta det ikkje tungt når du må setja han fri, for han har tent deg i seks år og gjeve deg dobbelt så mykje som ein dagarbeidar. Så vil Herren din Gud velsigna alt det du gjer med hendene dine.

### **Førstefødde dyr**

<sup>19</sup> Alle førstefødde hanndyr av storfe og småfe skal du helga til Herren din Gud. Førstefødde av storfe skal du ikkje bruka til arbeid, og førstefødde av småfe skal du ikkje klippa.

<sup>20</sup> År for år skal du og ditt hus eta dei for Herren din Guds andlet, på den staden Herren vil velja seg ut.

<sup>21</sup> Men har dei ein feil, anten dei er halte eller blinde eller har nokon annan stygg feil, skal du ikkje ofra dei til Herren din Gud.

<sup>22</sup> Du skal eta dei heime i byane dine. Både ureine og reine kan eta dei, som når ein et gasell og hjort.

<sup>23</sup> Men blodet skal du ikkje eta. Slå det ut på marka som vatn!

## **5. Mosebok 16**



## Dei store høgtidene

- <sup>1</sup> Akta på månaden abib. Då skal du halda påske for Herren din Gud. For det var i månaden abib, ved nattetider, at Herren din Gud førte deg ut frå Egypt.
- <sup>2</sup> Du skal slakta påskeoffer av både småfe og storfe for Herrendin Gud, på den staden Herren vel ut og der han lèt namnet sitt bu.
- <sup>3</sup> Til offerkjøtet skal du ikkje eta syra brød. I sju dagar skal du eta usyra brød, trengselsbrødet, for i hast drog du ut frå Egypt. Såleis skal du så lenge du lever, minnast den dagen du drog ut frå Egypt.
- <sup>4</sup> I sju dagar må det ikkje finnast surdeig innanfor grensene dine. Og av det du slaktar om kvelden den første dagen, må ingen ting liggja over til morgonen etter.
- <sup>5</sup> Du har ikkje lov til å slakta påskeofferet heime i nokon av dei byane Herren din Gud gjev deg,
- <sup>6</sup> men berre på den staden som Herren din Gud vel ut, og der han lèt namnet sitt bu. Der skal du slakta påskeofferet om kvelden, når sola går ned, på same tid som då du drog ut frå Egypt.
- <sup>7</sup> Du skal koka og eta det på den staden Herren din Gud vil velja seg ut, og om morgonen skal du fara heim att til telta dine.
- <sup>8</sup> I seks dagar skal du eta usyra brød, og den sjuande dagen skal det vera høgtidssamling for Herrendin Gud; då må du ikkje gjera noko arbeid.
- <sup>9</sup> Du skal telja sju veker fram. Frå den dagen du tek sigden for å skjera det fullmogne kornet, skal du rekna sju veker.
- <sup>10</sup> Då skal du halda vekefesten for Herren din Gud og bera fram dei frivillige offera du lovar, alt etter som Herren din Gud har velsigna deg.
- <sup>11</sup> Du skal gleda deg for Herren din Guds andlet på den staden Herren din Gud vel ut til bustad for namnet sitt, både du og son din og dotter di, slaven din og slavekvinna di, levittane som bur i byane dine, og innflyttarane, dei farlause og enkjene som er hos deg.

<sup>12</sup> Kom i hug at du sjølv var slave i Egypt. Hald desse forskriftene og gjer etter dei.

<sup>13</sup> Lauvhyttfesten skal du halda i sju dagar når du har samla inn det som kjem frå treskjeplassen din og vinpressa di.

<sup>14</sup> Du skal gleda deg i denne høgtida, både du og son din og dotter di, slaven din og slavekvinna di, levittane og innflyttarane, dei farlause og enkjene som bur i byane dine.

<sup>15</sup> I sju dagar skal du feira høgtid for Herren din Gud på den staden Herren vil velja seg ut. For Herren din Gud skal velsigna deg og alt arbeidet ditt, alt du avlar og haustar inn, og du skal berre gleda deg.

<sup>16</sup> Tre gonger om året skal alle mennene dine stiga fram for Herrendin Guds andlet på den staden han vil velja seg ut: i høgtida med usyra brød, ved vekefesten og ved lauvhyttfesten. Ingen må visa seg tomhendt for Herrens andlet.

<sup>17</sup> Kvar og ein skal koma med den gáva han har råd til, alt etter den velsigninga Herren din Gud har gjeve deg.

### **Dommarar og tilsynsmenn**

<sup>18</sup> I alle dei byane Herren din Gud gjev deg, skal du setja inn dommarar og tilsynsmenn for stammane dine, og dei skal dømme folket med rettferdige dommar.

<sup>19</sup> Du skal ikkje vregja retten og ikkje gjera skilnad på folk. Du skal ikkje ta imot stikkpengar, for slike gåver gjer vise menn blinde og øydelegg saka for den som har rett.

<sup>20</sup> Rettferd, ja, rettferd skal du jaga etter. Då skal du få leva og ta i eige det landet som Herren din Gud gjev deg.

### **Rett gudsdyrking**

<sup>21</sup> Du skal ikkje setja opp nokon Asjera-påle, ikkje ein trestolpe av noko slag ved sida av altaret som du byggjer for Herren din Gud,

<sup>22</sup> og heller ikkje reisa noka steinstøtte, for det hatar Herren din Gud.

## 5. Mosebok 17

<sup>1</sup> Du skal ikkje ofra til Herren din Gud oksar eller sauer som har ein feil av alvorleg slag, for det er avskyeleg for Herren din Gud.

### Om avgudsdyrking

<sup>2</sup> Det kan henda at det finst ein mann eller ei kvinne hos deg, i ein av dei byane Herren din Gud gjev deg, som gjer det som vondt er i Herrendin Guds auge og bryt pakta hans,

<sup>3</sup> ein som går bort og dyrkar og tilbed andre gudar, eller sola eller månen eller heile himmelhæren. Det har eg forbode.

<sup>4</sup> Om dette blir sagt deg og du får høyra om det, då skal du granska saka nøye. Om det er sant og det blir stadfest at dette avskyelege er gjort i Israel,

<sup>5</sup> då skal du føra mannen eller kvinna som har gjort ugjerninga, ut til byporten, og anten det er ein mann eller ei kvinne, skal du steina dei i hel.

<sup>6</sup> Etter vitnemål frå to eller tre skal den skuldige straffast med døden. Etter vitnemål frå éin skal ingen bli straffa med døden.

<sup>7</sup> Vitna skal vera dei første som lyfter handa for å drepa, og sidan skal heile folket lyfta handa. Slik skal du rydda det vonde ut hos deg.

### Den høgste domstolen

<sup>8</sup> Når ei sak er så vanskeleg at du ikkje kan seia dom i henne, anten det gjeld drap eller tvistemål eller skade, slikt som det er strid om i domstolane dine, skal du med ein gong gå opp til den staden Herren din Gud vil velja seg ut.

<sup>9</sup> Der skal du gå til levittprestane og til han som er dommar på den tida, og spørja dei til råds. Dei skal kunngjera for deg kva som er rett i denne saka.

<sup>10</sup> Du skal retta deg etter den dommen dei kunngjer frå denne staden, den staden Herren vil velja seg ut, og trufast følgja alt dei seier deg.

<sup>11</sup> Dei vil forklara lova for deg, og den dommen dei kunngjer for deg, skal du halda deg til. Du skal ikkje vika av frå det dei kunngjer, korkje til høgre eller venstre.

<sup>12</sup>Den mannen som er så eigenrådig at han ikkje høyrer på presten som står på denne staden og gjer teneste for Herren din Gud, eller på dommaren, han skal døy. Slik skal du rydda det vonde ut frå Israel.

<sup>13</sup>Heile folket skal høyra om det og bli gripne av redsle, så dei aldri meir gjer noko eigenrådig.

### **Kongelova**

<sup>14</sup>Når du kjem inn i det landet Herren din Gud gjev deg, når du legg det under deg og buset deg der, og du så seier: «Eg vil setja inn ein konge, slik alle folkeslaga omkring meg har gjort»,

<sup>15</sup>då kan du setja inn ein konge, ein mann som Herren din Gud vil velja ut. Ein av landsmennene dine skal du ta til konge. Du må ikkje ta ein framand, ein som ikkje er landsmannen din.

<sup>16</sup>Men kongen må ikkje skaffa seg mange hestar og ikkje senda folket sitt tilbake til Egypt så han kan få seg fleire hestar, for Herren har sagt: «De skal aldri meir dra tilbake den vegen.»

<sup>17</sup>Kongen skal heller ikkje ta seg mange koner slik at han blir lokka til fråfall, og han må ikkje samla seg sølv og gull i store mengder.

<sup>18</sup>Når kongen har sett seg på trona, skal han få laga ein bokrull med ein kopi av denne lova, skriven av etter levittprestane.

<sup>19</sup>Den skal han ha hos seg og lesa i alle sine levedagar, så han kan læra å frykta Herren sin Gud. Og han skal halda fast på kvart ord i denne lova og alle desse forskriftene og leva etter dei,

<sup>20</sup>så han ikkje i hjartet sitt set seg høgare enn landsmennene sine og ikkje vik av frå bodet, korkje til høgre eller venstre. Då skal han og etterkomarane hans ha kongsmakta i Israel i lange tider.

## **5. Mosebok 18**

### **Det prestane og levittane har rett til**

<sup>1</sup>Levittprestane, heile Levi-stammen, skal ikkje ha nokon arv og del med Israel. Dei skal leva av Herrens gåveoffer og hans eigedom.

<sup>2</sup>Men dei skal ikkje ha nokon arv mellom brørne sine. Herren er arven deira, slik han har lova.

<sup>3</sup>Dette har prestane rett til å krevja frå folket, frå dei som ber fram slaktoffer, anten det er okse eller sau: Presten skal ha bogen, kjevane og vomma.

<sup>4</sup>Førstegrøda av korn, ny vin og fin olje og den første ulla av småfeet skal du òg gje han.

<sup>5</sup>For Herren din Gud har valt ut Levi blant stammene dine for at han og sønene hans skal gjera teneste i Herrensnamn til alle tider.

<sup>6</sup>Om ein levitt dreg frå ein av byane i Israel der han held til, og han har lyst til å koma til den staden Herren vel seg ut,

<sup>7</sup>kan han gjera teneste der i namnet til Herren sin Gud, liksom alle brørne hans, levittane, dei som står for Herrens andlet.

<sup>8</sup>Dei skal få like store delar å leva av, forutan det kvar og ein kan få om han sel fedrearven sin.

### **Falske og sanne profetord**

<sup>9</sup>Når du kjem til det landet Herren din Gud gjev deg, skal du ikkje ta etter alle avskyelege skikkar hos folkeslaga der.

<sup>10</sup> Hos deg må det ikkje finnast nokon som lèt son sin eller dotter si gå gjennom elden, ingen som tek varsel, ingen teikntydar, spåmann eller trollmann,

<sup>11</sup> ingen som driv med magi, spør gjenferd eller spådomsånder til råds eller søker hjelp hos dei døde.

<sup>12</sup>For Herren avskyr alle som gjer slikt, og det er på grunn av dette avskyelege at Herren din Gud tek landet frå dei og gjev det til deg.

<sup>13</sup> Du skal vera heilhjarta mot Herren din Gud.

<sup>14</sup>Desse folkeslaga som du tek landet frå, høyrer på teikntydarar og spåmenn. Men deg kan Herren din Gud ikkje gje lov til slikt.

### **Ein profet skal stå fram**

<sup>15</sup> Ein profet som meg vil Herren din Gud la stå fram hos deg, ein av landsmennene dine. Han skal de høyra på.

<sup>16</sup> Det var dette du bad Herren din Gud om ved Horeb den dagen de var samla der: «Lat meg aldri meir få høyra røysta til Herren min Gud eller få sjå denne veldige elden, for då må eg døy.»

<sup>17</sup>Då sa Herren til meg: Det er rett det dei seier.

<sup>18</sup>Eg vil la ein profet som deg stå fram, ein av deira eigne. Eg vil leggja orda mine i munnen hans, og han skal forkynna for dei alt det eg byd han.

<sup>19</sup>Den som ikkje høyrrer på dei ord han talar i mitt namn, han vil eg krevja til rekneskap.

<sup>20</sup> Men vågar ein profet å tala noko i mitt namn som eg ikkje har sagt han, eller talar han i namnet til andre gudar, då skal den profeten døy.

<sup>21</sup>Det kan henda at du seier i hjartet ditt: «Korleis veit vi at eit ord ikkje kjem frå Herren?»

<sup>22</sup> Om profeten talar i Herrens namn, men det han forkynner, ikkje hender og ordet ikkje blir oppfylt, då er dette eit ord som ikkje kjem frå Herren. Profeten har tala det eigenrådig. Du skal ikkje vera redd han!

## 5. Mosebok 19

### Fristader for drapsmenn

<sup>1</sup>Når Herren din Gud gjer ende på folkeslaga i det landet Herren din Gud vil gje deg, og du tek landet og buset deg i byane og husa deira,

<sup>2</sup> då skal du skilja ut tre byar midt i landet ditt, i det som Herren din Gud gjev deg for at du skal ta det i eige.

<sup>3</sup>Du skal måla opp avstandane og dela opp landet som Herren din Gud gjev deg til eige, i tre område, slik at kvar drapsmann kan rekka å rømme dit.

<sup>4</sup> Dette er reglane om drapsmenn som kan rømme dit og berga livet: Det kan henda at nokon drep nesten sin av vanvare og utan å ha bore hat til han frå før,

<sup>5</sup>som når ein mann går saman med ein annan ut i skogen og skal hogga tømmer, og han svingar øksa og vil fella eit tre, men øksa fer av skaftet og råkar den andre så han døy. Då kan mannen rømme til ein av desse byane og berga livet,

<sup>6</sup>så ikkje blodhemnaren i rykande sinne skal setja etter drapsmannen, nå han att fordi vegen er lang, og slå han i hel endå mannen ikkje var skuldig til døden. For han hadde ikkje tidlegare bore hat til den han drap.

<sup>7</sup>Difor byd eg deg: Du skal skilja ut tre byar.

<sup>8</sup>Og dersom Herren din Gud vidar ut grensene dine, som han med eid lova fedrane dine, og lèt deg få heile det landet han ville gje fedrane dine,

<sup>9</sup>så sant du legg vinn på å halda alle boda og gjer det eg byd deg i dag, og elskar Herren din Gud og alltid går på hans vegar, då skal du leggja endå tre byar til desse tre.

<sup>10</sup>For det må ikkje renna skuldlaust blod i det landet Herren din Gud vil gje deg til eigedom, slik at det kjem blodskuld over deg.

<sup>11</sup> Men om ein mann ber hat til nesten sin og ligg på lur etter han, går laus på han og gjev han eit slag så han døy, og han så rømmer til ein av desse byane,

<sup>12</sup> då skal dei eldste i heimbyen hans senda folk og henta han heim att. Dei skal gje han over til blodhemnaren, og han skal døy.

<sup>13</sup>Du skal ikkje visa han medkjensle. Slik skal du reinsa Israel for den synda som kjem frå skuldlaust blod, og då skal det gå deg vel.

### **Lov om grensesteinar**

<sup>14</sup> Du skal ikkje flytta grensesteinane mellom deg og nesten din, dei som fedrane dine reiste på den eigedomen som du blir tildelt i det landet Herren din Gud vil gje deg for at du skal ta det til eige.

### **Lov om vitneprov**

<sup>15</sup> Eitt vitne åleine er ikkje nok til å fella ein mann i spørsmål om skuld eller lovbrøt, same kva lovbrøt han blir klaga for, men med vitnemål frå to eller tre skal saka stå fast.

<sup>16</sup>Når eit vondskapsfullt vitne står fram mot ein mann og skuldar han for fråfall,

<sup>17</sup> skal dei to mennene som saka gjeld, stiga fram for Herrens andlet for dei prestane og dommarane som då gjer teneste,

<sup>18</sup>og dommarane skal granska saka nøye. Og skulle det visa seg at det er eit falskt vitne som har kome med usanne klagemål mot ein landsmann,

<sup>19</sup> skal de gjera det same med han som han hadde tenkt å gjera med den andre. Slik skal du rydda det vonde ut hos deg.

<sup>20</sup>Resten av folket skal få høyra om det og bli gripne av redsle, så dei aldri meir gjer ei slik ugjerning hos deg.

<sup>21</sup> Syn inga medkjensle: liv for liv, auge for auge, tann for tann, hand for hand, fot for fot.

## 5. Mosebok 20

### Lover om krig

<sup>1</sup>Når du dreg ut i krig mot fiendane dine og får auge på hestar og vogner, ein hær som er større enn din, så ver ikkje redd dei. For Herrendin Gud er med deg, han som førte deg opp frå Egypt.

<sup>2</sup>Når de stiller opp til strid, skal presten stiga fram og tala til krigsfolket.

<sup>3</sup>Han skal seia til dei: «Høyr, Israel! I dag går de til strid mot fiendane dykkar. Mist ikkje motet! Frykt ikkje, skjelv ikkje av redsle, lat dykk ikkje skremma av dei!

<sup>4</sup>For det er Herren dykkar Gud som går med dykk. Han vil strida for dykk mot fiendane og gje dykk siger.»



<sup>5</sup>Så skal tilsynsmennene tala til krigsfolket og seia: «Er det nokon som har bygd seg eit nytt hus, men ikkje vigsla det enno, kan han dra heim att, så ikkje ein annan skal vigsla huset om han fell i krigen.

<sup>6</sup>Er det nokon som har planta ei vinmark, men enno ikkje teke henne i bruk, kan han dra heim att, så ikkje ein annan skal ta vinmarka i bruk om han fell i krigen.

<sup>7</sup>Og er det nokon som har bunde seg til ei kvinne, men enno ikkje har teke henne til ekte, kan han dra heim att, så ikkje ein annan skal ta henne til ekte om han fell i krigen.»

<sup>8</sup>Tilsynsmennene skal halda fram og seia til krigsfolket: «Er det nokon som er redd og motlaus, kan han dra heim att, så ikkje hjartet til våpenbrørne hans òg skal smelta bort.»

<sup>9</sup>Når så tilsynsmennene er ferdige med å tala til krigsfolket, skal dei velja ut hærførarar.

<sup>10</sup>Når du dreg fram mot ein by og vil gå til åtak på han, skal du først by han fred.

<sup>11</sup>Dersom byen tek imot fredstilbodet og opnar portane for deg, skal alt folket som finst i byen, vera slavar og tena deg.

<sup>12</sup>Men dersom dei ikkje vil slutta fred, men føra krig med deg, skal du kringsetja byen.

<sup>13</sup>Herren din Gud vil overgje han i dine hender, og du skal hogga ned alle mennene der med sverd.

<sup>14</sup>Men kvinnene, småborna og husdyra og alt anna i byen kan du ta med deg som hærfang. Du kan ta for deg av dette hærfanget frå fiendane dine som Herren din Gud gjev deg.

<sup>15</sup>Såleis skal du fara fram i alle byane som ligg langt borte frå deg og ikkje høyrer folkeslaga her til.

<sup>16</sup> Men i dei byane som høyrer desse folka til, og som Herren din Gud gjev deg til eigedom, der skal du ikkje spara ein einaste levande skapning.

<sup>17</sup> Du skal slå dei alle med bann og utrydda dei, både hetittane, amorittane, kanaanearane, perisittane, hevittane og jebusittane, slik Herren din Gud har bode deg.

<sup>18</sup> Elles kunne dei læra dykk å ta etter alt det avskyelege dei sjølve har gjort for gudane sine, slik at de syndar mot Herren dykkar Gud.

<sup>19</sup> Når du krigar mot ein by og må kringsetja han i lang tid før du kan ta han, skal du ikkje bruka øks på trea der og øydeleggja dei. Du kan eta av dei, men du må ikkje hogga dei ned. Er trea på marka menneske, så du må kringsetja dei òg?

<sup>20</sup> Berre når du er sikker på at trea ikkje ber etande frukt, kan du øydeleggja dei. Du kan hogga dei ned og bruka dei til å byggja stillingar for å kringsetja den byen som er i krig med deg, heilt til han fell.

## 5. Mosebok 21

### Drap med ukjend gjerningsmann

<sup>1</sup> Når nokon finn ein mann som ligg drepent ute i ope lende i det landet Herren din Gud gjev deg i eige, og ingen veit kven som har slege han i hel,

<sup>2</sup> skal dei eldste og dommarane dine gå ut og måla kor langt det er frå den drepne til byane omkring.

<sup>3</sup> Dei skal slå fast kva for ein by som ligg nærast den drepne. Dei eldste frå denne byen skal ta ei kvige som ikkje har vore brukt til arbeid, og som aldri har hatt åk på seg.

<sup>4</sup> Dei eldste skal leia kviga ned til ein bekk som aldri tørkar ut, på ein stad der marka korkje blir pløgd eller sådd. Der skal dei bryta nakken på kviga.

<sup>5</sup> Så skal levittprestane koma. For dei har Herren din Gud valt ut til å tena han og velsigna i Herrens namn, og til å dømme i alle saker som gjeld tvistemål eller vald.

<sup>6</sup>Alle dei eldste i den byen som er nærast den drepne, skal vaska hendene sine i bekken, over kviga som dei har brote nakken på.

<sup>7</sup>Og så skal dei stå fram og seia: «Hendene våre har ikkje rent ut dette blodet, og auga våre har ikkje sett det som hende.

<sup>8</sup>Herre, gje forsoning til Israel, folket ditt, som du har fria ut! Lat ikkje skuldlaust blod hefta ved Israel, folket ditt!» Då får dei soning for blodskulda.

<sup>9</sup>Slik tek du det uskuldege blodet bort frå deg når du gjer det som rett er i Herrens auge.

### **Familierett og strafferett**

<sup>10</sup>Det kan henda at du dreg i krig mot fiendane dine og Herren din Gud gjev dei over i dine hender så du tek nokon av dei til fange.

<sup>11</sup>Mellom fangane ser du ei vakker kvinne som du trår etter og vil gifta deg med.

<sup>12</sup>Då skal du føra henne inn i huset ditt. Ho skal barbera hovudet og klippa neglene

<sup>13</sup>og ta av seg dei kleda ho gjekk i då ho vart teken til fange. Så skal ho vera i huset ditt og gråta over far sin og mor si ein heil månad. Sidan kan du gå inn til henne. Du skal vera mannen hennar, og ho skal vera kona di.

<sup>14</sup> Men dersom du ikkje likar henne lenger, skal du la henne gå kvar ho vil. Du må aldri selja henne for pengar eller fara åt med henne som ein slave, sidan du har fått viljen din med henne.

<sup>15</sup>Det kan henda at ein mann har to koner, ei som han elsker, og ei som han mislikar. Han får søner med begge to, men den eldste er son til den han mislikar.

<sup>16</sup>Når den dagen kjem at han skal fordela arven mellom sønene sine, må han ikkje dela som om son til den han elsker, var den førstefødde, til skade for den eldste, som er son til den han mislikar.

<sup>17</sup>Han skal vedkjenna seg den førstefødde, som er son til den han mislikar, og gje han dobbel arvedel av alt han eig. For han var den første frukta av hans manndom, og førstefødselsretten høyrer han til.

<sup>18</sup>Det kan henda at ein mann har ein trassig og opprørsk son som ikkje vil høyra på far sin og mor si og ikkje lyder dei, endå dei straffar han.

<sup>19</sup>Då skal far hans og mor hans ta han med til dei eldste i byen, til byporten,

<sup>20</sup>og seia til dei eldste i byen: «Denne sonen vår er trassig og opprørsk og vil ikkje lyda oss. Han er ein fråtsar og ein drankar!»

<sup>21</sup>Då skal alle mennene i byen steina han i hel. Du skal utrydda det vonde hos deg. Heile Israel skal høyra om det og bli gripne av redsle.

<sup>22</sup>Når ein mann blir dømd til døden og han blir avretta og hengd opp på eit tre,

<sup>23</sup> skal du ikkje la den døde kroppen hans bli hangande på treet, men gravleggja han same dagen. For den som blir hengd opp, er forbanna av Gud. Du skal ikkje gjera ureint det landet som Herren din Gud vil gje deg til eige.

## 5. Mosebok 22

### Ymse påbod

<sup>1</sup> Om du ser at oksen eller sauene til landsmannen din har gått seg bort, skal du ikkje snu ryggen til, men føra dyret tilbake til landsmannen din.

<sup>2</sup> Dersom han ikkje bur i grannelaget eller du ikkje veit kven han er, skal du ta dyret heim til deg og ha det hos deg til landsmannen din kjem og spør etter det. Då skal du la han få att dyret.

<sup>3</sup> Det same skal du gjera med eselet hans, og det same skal du gjera med kleda hans, og det same skal du gjera med kva det så måtte vera som landsmannen din har mista, og som du finn. Du skal ikkje snu ryggen til.

<sup>4</sup> Om du ser at eselet eller oksen til landsmannen din fell over ende på vegen, skal du ikkje snu ryggen til, men hjelpa han med å reisa opp dyret.

<sup>5</sup>Ei kvinne skal ikkje bera mannsklede, og ein mann skal ikkje kle seg i kvinneklede. For Herren din Gud avskyr alle som gjer slikt.

<sup>6</sup>Når du går på ein veg og kjem over eit fuglereir i eit tre eller på bakken, og det er ungar eller egg i det, og mora ligg på ungane eller egga, då skal du ikkje ta mora saman med ungane.

<sup>7</sup>Lat mora flyga sin veg, men ungane kan du ta. Då vil det gå deg vel, og du skal få leva lenge.

<sup>8</sup>Når du byggjer deg nytt hus, skal du laga rekkverk på taket, så du ikkje fører blodskuld over huset om nokon fell ned frå det.

<sup>9</sup>Du skal ikkje så noko mellom vinstokkane dine. Elles vil alt gå til heilagdomen, både avlinga av det du har sådd, og frukta frå vingarden.

<sup>10</sup>Du skal ikkje pløya med okse og esel saman.

<sup>11</sup>Du skal ikkje gå i klede som er vovne av blanda tråd, ull og lin saman.

<sup>12</sup> Du skal laga deg duskar i dei fire hjørna på kapp som du har om deg.

### **Lover om utruskap og valdtekt**

<sup>13</sup>Det kan henda at ein mann gifter seg med ei kvinne og går inn til henne, men så får uvilje mot henne.

<sup>14</sup>Han kjem med skuldingar og set ut vonde rykte om henne og seier: «Eg gifte meg med denne kvinna, men då eg kom nær henne, fann eg at ho ikkje var jomfru.»

<sup>15</sup>Då skal far og mor til jenta ta teiknet på at ho var jomfru, og ha det med til dei eldste i byporten.

<sup>16</sup>Og far til jenta skal seia til dei eldste: «Eg lét denne mannen få dotter mi til kone, men no har han fått uvilje mot henne.

<sup>17</sup>Og no kjem han med skuldingar mot henne og seier at han ikkje fann noko teikn på at ho var jomfru. Men her er jomfruteiknet hennar!» Dermed skal dei breia ut kledet for dei eldste i byen.

<sup>18</sup>Då skal dei eldste i byen gripa mannen. Dei skal straffa han

<sup>19</sup>og dømme han til ei bot på hundre sjekel sølv og gje dei til far til jenta fordi mannen har sett ut eit vondt rykte om ei jomfru i Israel. Ho skal vera kona hans, og han får ikkje skilja seg frå henne så lenge han lever.

<sup>20</sup>Men dersom skuldinga er sann, om det ikkje finst teikn på at jenta var jomfru,

<sup>21</sup>då skal dei føra henne ut framfor døra til farshuset hennar, og mennene i byen skal steina henne i hel. For ho har gjort ei skamlaus gjerning i Israel og drive hor i huset til far sin. Slik skal du rydda det vonde ut hos deg.

<sup>22</sup>Om ein mann blir oppdaga medan han ligg med ei gift kvinne, skal dei begge døy, både mannen som har lege med henne, og kvinna sjølv. Slik skal du rydda det vonde ut frå Israel.

<sup>23</sup>Om ein mann treffer ei ung jente i byen, ei jomfru som er lova bort til ein annan mann, og ligg med henne,

<sup>24</sup>då skal de føra begge to til byporten og steina dei i hel, jenta fordi ho ikkje ropa om hjelp endå ho var i ein by, og mannen fordi han krenkte ein annan manns kvinne. Slik skal du rydda det vonde ut hos deg.

<sup>25</sup>Men er det ute på marka at ein mann treffer ei jente som er lova bort, og tek henne med makt og ligg med henne, då skal berre mannen som låg med henne, døy.

<sup>26</sup>Jenta skal du ikkje gjera noko; ho har ikkje gjort noka dødssynd. For dette er ei sak som liknar den at ein mann går på ein annan mann og slår han i hel.

<sup>27</sup>For han fann henne ute på marka. Jenta skreik, men det var ingen som hjelpte henne.

<sup>28</sup>Om ein mann treffer ei jente som er jomfru og ikkje er lova bort, og han tvingar seg til å liggja med henne, og dei blir oppdaga,

<sup>29</sup>då skal mannen som låg med jenta, betala far hennar femti sjekel sølv. Ho skal vera kona hans fordi han krenkte henne, og han får ikkje skilja seg frå henne så lenge han lever.

<sup>30</sup> Ingen må ta kona til far sin til ekte; han må ikkje ta kappefliken til far sin bort frå henne.

## 5. Mosebok 23

### Dei som er utestengde frå forsamlinga

<sup>1</sup>Ingen som har fått testiklane knuste eller penis avskoren, får vera med i Herrens forsamling.

<sup>2</sup>Ingen som er fødd i forbode ekteskap, skal få vera med i Herrens forsamling. Ikkje eingong etterkomarane hans i tiande ledd skal få vera med i Herrens forsamling.

<sup>3</sup>Ingen ammonitt eller moabitt får vera med i Herrens forsamling. Ikkje eingong etterkomarane deira i tiande ledd skal få vera med i Herrens forsamling. Slik skal det vera for all framtid.

<sup>4</sup>For dei møtte dykk ikkje på vegen med brød og vatn då de kom frå Egypt, men dei leigde Bileam, son til Beor, frå Petor i aramearlandet mellom elvane, til å forbanna deg.

<sup>5</sup>Men Herren din Gud ville ikkje høyra på Bileam. Herrendin Gud vende forbanninga til velsigning for deg fordi han elska deg.

<sup>6</sup>Aldri skal du, så lenge du lever, gjera noko for å fremja deira fred og velferd.

<sup>7</sup>Men edomitten skal du ikkje halda for avskyeleg, for han er bror din. Du skal heller ikkje avsky egyptaren, for du har vore innflyttar i landet hans.

<sup>8</sup>Etterkomarane deira i tredje ledd kan få vera med i Herrens forsamling.

### Leiren skal vera heilag

<sup>9</sup>Når du dreg ut i felt mot fiendane dine, skal du akta deg for alt ureint.

<sup>10</sup>Om ein av dykk er urein etter sæduttømming om natta, skal han gå ut av leiren og ikkje koma inn att

<sup>11</sup>før det lid til kvelds. Då skal han vaska seg, og når sola går ned, kan han koma inn i leiren.

<sup>12</sup>Du skal ha ein bestemt stad utanfor leiren som du kan gå til.

**13**Mellom reiskapane dine skal du ha ein spiss stakk. Med den skal du grava ei grop når du set deg der ute, og dekkja til avføringa etterpå.

**14**For Herren din Gud går omkring i leiren for å berga deg og overgje fiendane til deg. Difor skal leiren vera heilag. Han må ikkje sjå noko usømeleg hos deg, for då vender han seg bort frå deg.

**15**Du skal ikkje utlevera ein slave til herren hans når han har rømt frå herren sin og søkt tilflukt hos deg.

**16**Lat han få bli hos deg og slå seg ned der han vil blant byane dine, der han likar seg best. Du skal ikkje oppføra deg dårleg mot han.

**17**Inga israelittisk kvinne får vera tempelprostituert, og heller ingen israelittisk mann.

**18**Når du skal innfri ein lovnad, skal du ikkje koma til Herren din Guds hus med løna frå ei hore eller pengar frå ein hund, for begge delar er avskyelege for Herren din Gud.

### **Reglar om renter og lovnader**

**19** Du skal ikkje krevja rente av ein landsmann, korkje av pengar eller av mat eller av noko anna som kan lånast ut mot rente.

**20** Av ein framand kan du krevja rente, men ikkje av ein landsmann. Då vil Herrendin Gud velsigna deg i alt hendene dine gjer, i det landet du går inn i og skal leggja under deg.

**21**Når du gjev Herren din Gud ein lovnad, skal du ikkje dryga med å halda det du har lova. Elles vil Herren din Gud krevja det av deg, og du set deg i skuld.

**22**Lèt du vera å lova noko, blir du ikkje skuldig.

**23**Men det som kjem over leppene dine, må du halda og gjera. For av fri vilje har du gjeve Herren din Gud den lovnaden som du har uttala med din eigen munn.



<sup>24</sup>Når du kjem inn i annan manns vinmark, kan du eta så mykje druer du vil, til du blir mett. Men du må ikkje sankta i spann.

<sup>25</sup> Når du kjem inn på annan manns kornåker, kan du plukka aks med handa. Men sigd må du ikkje bruka på annan manns korn.

## 5. Mosebok 24

### Ekteskap og skilsmisse

<sup>1</sup> Det kan henda at ein mann har teke ei kvinne til ekte, men ikkje lenger ser på henne med velvilje, fordi han har funne noko usømeleg hos henne. Han skriv eit skilsmissebrev, gjev henne det og sender henne bort frå huset sitt.

<sup>2</sup> Ho flytter frå han og går av stad og blir kona til ein annan mann.

<sup>3</sup> Om den andre mannen òg får uvilje mot henne, skriv skilsmissebrev, gjev henne det og sender henne bort frå huset sitt, eller om han døyr,

<sup>4</sup> då kan ikkje den første mannen som skilde seg frå henne, igjen ta henne til kone, etter at ho er gjord urein. For det er avskyeleg for Herren. Du må ikkje føra synd over det landet Herren din Gud gjev deg til eige.

<sup>5</sup> Om ein mann er nygift, skal han ikkje dra ut i krig og ikkje bli pålagd andre plikter. I eitt år skal han vera fri til å vera heime og gleda kvinna som han har gift seg med.

### Omtanke og rettferd

<sup>6</sup> Ingen må ta ei handkvern eller ein kvernstein i pant, for då tek han pant i ein manns liv.

<sup>7</sup> Om nokon oppdagar at ein mann har bortført ein av landsmennene sine, ein israelitt, og fer åt med han som ein slave eller sel han, då skal tjuven døy. Slik skal du rydda det vonde ut hos deg.

<sup>8</sup> Dersom det bryt ut hudsjukdom, så pass på at de nøye følgjer rettleiinga frå levittprestane. Det som eg har sagt dei, skal de følgja trufast.

<sup>9</sup> Kom i hug kva Herren din Gud gjorde med Mirjam undervegs då de drog ut frå Egypt.

<sup>10</sup>Når du gjev nesten din eit lån av noko slag, må du ikkje gå inn i huset hans og ta pant hos han.

<sup>11</sup>Bli ståande utanfor, og la mannen du gjev lånet, sjølv koma ut til deg med pantet.

<sup>12</sup>Men dersom han er ein fattig mann, skal du ikkje leggja deg i kapp han har pantsett.

<sup>13</sup> Nei, du skal la han få att pantet når sola går ned, så han kan liggja i kapp si. Då vil han velsigna deg, og det vil vera ei rettferdig gjerning for Herren din Gud.

<sup>14</sup> Du skal ikkje gjera urett mot ein fattig dagarbeidar som lid naud, anten det er ein landsmann eller ein innflyttar som bur i ein av byane i landet ditt.

<sup>15</sup>Du skal gje han løn same dagen, før sola går ned, for han er fattig og lengtar etter løna. Elles kunne han ropa til Herren og klaga på deg, og du blir skuldig i synd.

<sup>16</sup> Fedrar skal ikkje døy for borna, og born skal ikkje døy for fedrane. Kvar og ein skal døy for si eiga synd.

<sup>17</sup> Du skal ikkje vregja retten for innflyttarar og farlause og ikkje ta kleda til ei enkje i pant.

<sup>18</sup> Kom i hug at du sjølv var slave i Egypt, og at Herren din Gud fria deg ut derifrå. Difor byd eg deg å gjera dette.

<sup>19</sup> Når du haustar inn kornet på åkeren din og gløymer eit kornband der, skal du ikkje gå tilbake og henta det. Innflyttaren, den farlause og enkja skal ha det. Då vil Herren din Gud velsigna deg i alt arbeidet ditt.

<sup>20</sup>Når du slår ned oliven, skal du ikkje plukka greinene reine etterpå. La innflyttaren, den farlause og enkja få det som er att.

<sup>21</sup>Når du haustar vinmarka di, skal du ikkje sankar dei druene som heng att. La innflyttaren, den farlause og enkja få dei.

<sup>22</sup>Kom i hug at du sjølv var slave i Egypt. Difor byd eg deg å gjera dette.

## 5. Mosebok 25

<sup>1</sup> Om to menn ligg i tvistemål, skal dei møtast for retten, som skal ta saka opp til dom. Dei skal frikjenna den som har rett, og dømme den som er skuldig.

<sup>2</sup> Dersom den skuldige skal straffast med slag, skal dommaren la han leggja seg ned, og medan dommaren ser på, skal dei gje mannen så mange slag som svarar til skulda han ber.

<sup>3</sup> Førsti slag kan dei gje han, ikkje meir. Gjev dei han fleire, blir landsmannen din ærelaus i dine auge.

<sup>4</sup> Du skal ikkje setja muleband på ein okse som treskjer.

### Svogerekteskap

<sup>5</sup> Om brør bur saman og ein av dei døyr utan å ha fått nokon son, skal enkja hans ikkje gifta seg med ein utanfor slekta, med ein framand. Bror til mannen hennar skal gå inn til henne og gjera si plikt som svoger ved å ta henne til kone.

<sup>6</sup> Den første sonen ho føder, skal bera vidare namnet til broren som er død, så namnet ikkje blir utsletta i Israel.

<sup>7</sup> Men dersom mannen ikkje har lyst til å ta svigerinna si til ekte, skal ho gå til dei eldste i byporten og seia: «Svogerer min nektar å oppfylla svogerplikta si og føra vidare namnet til bror sin i Israel. Han er ikkje villig til å ta meg til kone.»

<sup>8</sup> Då skal dei eldste i byen kalla mannen til seg og tala han til rette. Held han fast på sitt og seier at han ikkje vil ta henne til kone,

<sup>9</sup> skal brorkona gå bort til han medan dei eldste ser på, dra skoen av foten hans, spyttan han i andletet og svara han: «Slik gjer ein med den mannen som ikkje vil byggja huset til bror sin.»

<sup>10</sup> Sidan skal dei kalla slekta hans «Berrfot-slekta» i Israel.

### Andre lover

<sup>11</sup>Det kan henda at to landsmenn kjem i slagsmål. Kona til den eine kjem til for å redde mannen sin frå han som slår. Ho retter ut handa og grip han om kjønnsdelane.

<sup>12</sup>Då skal du hogga handa av henne. Vis inga medkjensle.

<sup>13</sup>Du skal ikkje ha to slag vektlodd i pungen din, somme tunge og somme lette.

<sup>14</sup>Du skal ikkje ha to efa-mål i huset ditt, eit stort og eit lite.

<sup>15</sup>Du skal ha rette vektlodd og eit rett efa-mål. Då skal du få leva lenge i det landet Herren din Gud gjev deg.

<sup>16</sup> Herren din Gud avskyr alle som gjer urett på denne måten.

### **Straffa over amalekittane**

<sup>17</sup> Kom i hug kva amalekittane gjorde mot deg undervegs då de drog ut frå Egypt.

<sup>18</sup> Dei overraska deg på vegen då du var utsvelt og utmatta. Utan frykt for Gud hogg dei ned baktroppen, alle som hadde vorte liggjande etter.

<sup>19</sup> Når Herren din Gud lèt deg få fred for alle fiendar rundt omkring i det landet Herren din Gud gjev deg til eigedom og lèt deg ta, skal du utsletta minnet om amalekittane under himmelen. Gløym det ikkje!

## **5. Mosebok 26**

### **Førstegrøda og tienda**

<sup>1</sup>Når du kjem inn i det landet Herren din Gud vil gje deg til eige, og du legg det under deg og buset deg der,

<sup>2</sup> skal du ta noko av førstegrøda av alt du haustar inn frå jorda i landet ditt, det landet Herren din Gud gjev deg. Du skal leggja det i ei korg og fara til den staden Herren din Gud vel ut til bustad for namnet sitt.

<sup>3</sup>Og du skal gå til presten som gjer teneste på den tid, og seia: «Eg vitnar i dag for Herren din Gud at eg er komen inn i det landet som Herren med eid lova fedrane våre å gje oss.»

<sup>4</sup>Presten skal ta imot korga frå handa di og setja henne ned framfor altaret til Herrendin Gud.

<sup>5</sup> Framfor Herren din Guds andlet skal du ta ordet og seia: «Far min var ein omflakkande aramear. Han drog ned til Egypt med ein liten flokk og budde der som innflyttar. Der vart han til eit stort og sterkt og talrikt folk.

<sup>6</sup> Men egyptarane mishandla og plaga oss og la hardt arbeid på oss.

<sup>7</sup> Då ropa vi til Herren, våre fedrars Gud, og Herrenhøyrde ropa våre og såg kor mishandla, plaga og undertrykte vi var.

<sup>8</sup> Og Herren førte oss ut frå Egypt med sterk hand og utstrekt arm og med skremmeleg kraft, med teikn og under.

<sup>9</sup> Han førte oss til denne staden og gav oss dette landet, eit land som fløymer med mjølk og honning.

<sup>10</sup> Og sjå, eg kjem med førstegrøda av det som er hausta inn på den jorda du gav meg, Herre.» Du skal setja det ned for Herren din Guds andlet, og du skal tilbe Herren din Gud.

<sup>11</sup> Så skal du gleda deg over alt det gode som Herren din Gud har gjeve deg og huset ditt, både du og levitten og innflyttaren som bur hos deg.

<sup>12</sup> Når du det tredje året, tiendåret, har samla inn tiend av all avlinga di og gjeve det til levittane, dei framande, dei farlause og enkjene, og dei så har ete seg mette i byane dine,

<sup>13</sup> då skal du seia for Herren din Guds andlet: «Eg har teke det heilage ut av huset og gjeve det til levitten, innflyttaren, den farlause og enkja, nett som du har sagt meg. Eg har ikkje brote eller gløymt noko av boda dine.

<sup>14</sup> Eg har ikkje ete av tienda medan eg hadde sorg. Eg har ikkje bore bort noko av henne medan eg var urein, og ikkje gjeve noko til dei døde. Eg har vore lydige mot Herren min Gud og gjort alt det du har sagt meg.

<sup>15</sup>Sjå no ned frå din heilage bustad, frå himmelen, og velsigna folket ditt, Israel, og den jorda du har gjeve oss, slik du med eid lova fedrane våre, eit land som fløymer med mjølk og honning.»

### **Israel stadfester pakta**

<sup>16</sup>Denne dagen byd Herren din Gud deg å halda desse forskriftene og lovene. Du skal halda dei av heile ditt hjarte og heile di sjel og leva etter dei!

<sup>17</sup>Du har i dag gjeve Herren ditt ord på at han skal vera din Gud, og at du vil gå på hans vegar, halda hans forskrifter, bod og dommar og lyda han.

<sup>18</sup>Og Herren har i dag gjeve deg sitt ord på at du skal vera hans kostelege eigedom, slik han har sagt deg, når du held alle hans bod.

<sup>19</sup>Då skal han setja deg høgt over alle folkeslag han har skapt, til pris og ære og prydnad, og du skal vera eit heilagt folk for Herren din Gud, slik som han har sagt.

## **5. Mosebok 27**

### **Altaret på Ebal-fjellet**

<sup>1</sup>Moses og dei eldste i Israel påla folket dette: Akta på alle dei boda eg gjev dykk i dag.

<sup>2</sup>Den dagen de går over Jordan og til det landet Herren din Gud gjev deg, skal du reisa nokre store steinar og stryka kalk på dei.

<sup>3</sup>Når du kjem over, skal du skriva alle orda i denne lova på dei. Då skal du få koma inn i det landet Herren din Gud vil gje deg, eit land som fløymer med mjølk og honning, slik som Herren, dine fedrars Gud, lova deg.

<sup>4</sup>Når de kjem over Jordan, skal de på Ebal-fjellet reisa desse steinane slik eg byd dykk i dag, og du skal stryka kalk på dei.

<sup>5</sup>Der skal du byggja eit altar for Herren din Gud, eit altar av stein. Bruk ikkje meisel på dei!

<sup>6</sup>Altaret for Herren din Gud skal du byggja av steinar som ikkje er hogne til. På det skal du bera fram brennoffer for Herren din Gud.

<sup>7</sup>Så skal du ofra fredsoffer og eta der og gleda deg for Herren din Guds andlet.

<sup>8</sup>Og på steinane skal du klårt og greitt skriva alle orda i denne lova.

### Forbanningar

<sup>9</sup>Moses og levittprestane tala til heile Israel: «Ver stille! Høyr, Israel! Denne dagen har du vorte Herren din Guds folk.

<sup>10</sup>Ver lydig mot Herrendin Gud og hald boda og forskriftene hans som eg gjev deg i dag.»

<sup>11</sup>Same dagen gav Moses folket dette påbodet:

<sup>12</sup> Når de har gått over Jordan, skal desse stå på Garisim-fjellet og lysa velsigning over folket: Simon, Levi, Juda, Jissakar, Josef og Benjamin.

<sup>13</sup>Og desse skal stå på Ebal-fjellet og lysa forbanning: Ruben, Gad, Asjer, Sebulon, Dan og Naftali.

<sup>14</sup>Levittane skal ta ordet og seia med høg røyst til kvar einaste israelitt:

<sup>15</sup> Forbanna er den som lagar eit utskore eller støypt gudebilete, avskyeleg for Herren, forma av ein handverkar, og set det opp i løynd! Og heile folket skal svara: Amen.

<sup>16</sup> Forbanna er den som vanærar far sin eller mor si! Og heile folket skal seia: Amen.

<sup>17</sup> Forbanna er den som flytter grensesteinar mellom seg og nesten sin! Og heile folket skal seia: Amen.

<sup>18</sup> Forbanna er den som fører ein blind på feil veg! Og heile folket skal seia: Amen.

<sup>19</sup> Forbanna er den som vregjer retten for innflyttarar, farlause og enkjer! Og heile folket skal seia: Amen.

<sup>20</sup> Forbanna er den som ligg med kona til far sin, for han har teke kappefliken til far sin bort frå henne. Og heile folket skal seia: Amen.

<sup>21</sup> Forbanna er den som ligg med dyr! Og heile folket skal seia: Amen.

<sup>22</sup> Forbanna er den som ligg med syster si, dotter til far sin eller mor si! Og heile folket skal seia: Amen.

<sup>23</sup> Forbanna er den som ligg med svigermor si! Og heile folket skal seia: Amen.

<sup>24</sup> Forbanna er den som i løynd slår ned grannen sin! Og heile folket skal seia: Amen.

<sup>25</sup> Forbanna er den som lèt seg kjøpa til å slå i hel ein skuldlaus! Og heile folket skal seia: Amen.

<sup>26</sup> Forbanna er den som ikkje held orda i denne lova og ikkje lever etter dei! Og heile folket skal seia: Amen.

## 5. Mosebok 28

### Velsigningar

<sup>1</sup> Dersom du no vil lyda Herren din Guds røyst og trufast følgja alle boda hans som eg gjev deg i dag, skal Herren din Gud setja deg høgt over alle folkeslag på jorda.

<sup>2</sup> Og alle desse velsigningane skal koma over deg og nå deg, så sant du er lydig mot Herren din Gud:

<sup>3</sup> Velsigna er du i byen og velsigna ute på marka!

<sup>4</sup> Velsigna er frukta av ditt morsliv, frukta av ditt åkerland og frukta av din buskap, det som blir fødd av storfe, og det som kjem til av småfe!

<sup>5</sup> Velsigna er di korg og ditt bakstetrau!

<sup>6</sup> Velsigna er du når du går inn, og velsigna er du når du går ut!

<sup>7</sup> Når fiendane går på deg, skal Herren gjera det slik at du vinn over dei. Kjem dei mot deg på éin veg, skal dei rømme for deg på sju.

<sup>8</sup> Herren skal gje påbod om velsigning over deg og di matbu og over alt ditt arbeid. Ja, Herren din Gud skal velsigna deg i det landet som han gjev deg.

<sup>9</sup> Dersom du held boda frå Herren din Gud og går på hans vegar, vil Herren gjera deg til sitt heilage folk, slik han med eid har lova deg.



**10**Då skal alle folk på jorda sjå at Herrens namn er ropa ut over deg, og dei skal frykta deg.

**11** Herren skal gje deg rikeleg av det som godt er, av frukt av ditt morsliv og frukt av din buskap og frukt av ditt åkerland, på den jorda Herren med eid lova fedrane dine å gje deg.

**12** Herren skal opna sitt rike forråds-kammer, himmelen, for deg. Han skal la landet få regn i rett tid og velsigna alt dine hender gjer. Du skal låna ut til mange folkeslag, men sjølv treng du ikkje låna.

**13** Herren skal gjera deg til hovud og ikkje til hale. Alltid skal du koma høgare, aldri lågare, så sant du lyder boda til Herren din Gud som eg gjev deg i dag, så du held dei og gjer etter dei.

**14** Du må ikkje vika av frå noko av dei boda eg gjev deg i dag, korkje til høgre eller venstre, ikkje følgja andre gudar og ikkje dyrka dei.

### **Ulydnad og forbanning**

**15** Men om du ikkje vil lyda Herren din Guds røyst, ikkje held alle boda og forskriftene hans som eg gjev deg i dag, og ikkje gjer etter dei, då skal alle desse forbanningane koma over deg og nå deg:

**16**Forbanna er du i byen og forbanna ute på marka!

**17**Forbanna er di korg og ditt bakstetrau!

**18**Forbanna er frukta av ditt morsliv og frukta av ditt åkerland, det som blir fødd av storfe, og det som kjem til av småfe!

**19**Forbanna er du når du går inn, og forbanna når du går ut!

**20**Herren skal senda forbanning, forvirring og plage over deg og over alt det hendene dine har gjort, til du blir utrydda og brått går til grunne, fordi du gjorde det vonde og gjekk bort frå meg.

**21**Herren skal la pesten bli hangande ved deg til han gjer ende på deg i det landet du no går inn i og skal leggja under deg.

- <sup>22</sup> Herren skal slå deg med tæring og verk, kulsing og feber, med tørke og kornsot og svartrust, og det skal forfølgja deg til du går til grunne.
- <sup>23</sup> Himmelen over hovudet ditt skal bli til bronse og jorda under deg til jern.
- <sup>24</sup> Herrens skal omskapa regnet over landet ditt til sand og støv. Frå himmelen skal det falla ned over deg til du blir utrydda.
- <sup>25</sup> Herren skal gjera det slik at fiendane dine vinn over deg. Dreg du ut mot dei på éin veg, skal du rømma for dei på sju. Du skal bli til skrekk for alle kongerike på jorda.
- <sup>26</sup> Lika av dykk skal bli til føde for alle fuglane under himmelen og for dyra på marka, og ingen skal jaga dei.
- <sup>27</sup> Herren skal slå deg med verkebyllar som i Egypt, med svullar, skabb og skurv som ikkje lèt seg lækja.
- <sup>28</sup> Herren skal slå deg med galskap, blindskap og vilske.
- <sup>29</sup> Midt på dagen skal du trivla deg fram som den blinde trivlar i mørkret. Du skal ikkje lukkast på din veg. Du blir undertrykt og utplyndra dag etter dag, og det er ingen som hjelper.
- <sup>30</sup> Bind du deg til ei kvinne, skal ein annan mann valdta henne. Byggjer du deg hus, får du ikkje bu i det. Plantar du ei vinmark, får du ikkje ta henne i bruk.
- <sup>31</sup> Oksen din skal slaktast medan du ser på, og du får ikkje eta kjøtet. Eselet ditt skal røvast beint for auga dine og kjem aldri tilbake til deg. Småfeet ditt skal fiendane få, og ingen kjem deg til hjelp.
- <sup>32</sup> Sønene og døtrene dine skal gjevast til eit anna folk. Du skal sjå etter dei og lengta heile tida, men fåfengt, for du er maktlaus.
- <sup>33</sup> Eit folk du ikkje kjenner, skal eta opp grøda frå jorda di og det du har vunne med alt ditt strev. Du blir berre undertrykt og trakka på, dag etter dag.
- <sup>34</sup> Du kjem til å mista vitet av det synet du får sjå.

<sup>35</sup>Herren skal slå deg på kne og på lår med vonde verkebyllar som ikkje kan lækjast; dei skal breia seg frå hovud til hæl.

<sup>36</sup> Herren skal føra deg og den kongen du set over deg, bort til eit folkeslag som korkje du eller fedrane dine har kjent, og der skal du dyrka andre gudar, stukk og stein.

<sup>37</sup> Der skal du bli eit skremsel, eit ordtak og eit spottord mellom alle dei folk som Herren fører deg bort til.

<sup>38</sup> Mykje korn skal du så i åkeren, men lite skal du hausta, for grashoppene et det opp.

<sup>39</sup> Vinmarker skal du planta og dyrka, men vin får du verken drikka eller lagra, for makken et dei opp.

<sup>40</sup> Oliventre skal du ha overalt i landet ditt, men du får ikkje salva deg med olje, for olivenfrukta fell ned.

<sup>41</sup> Søner og døtrer skal du få, men dei skal ikkje høyra deg til, for dei må gå i fangenskap.

<sup>42</sup> Alle trea dine og grøda på jorda di skal grashoppene ta.

<sup>43</sup> Innflyttaren som bur hos deg, skal koma høgare og høgare over deg, men du skal koma lågare og lågare.

<sup>44</sup> Han skal låna ut til deg, men du har ingen ting å låna han. Han skal bli hovud og du hale.

<sup>45</sup> Alle desse forbanningane skal koma over deg. Dei skal forfølgja deg og nå deg att til du blir utrydda, fordi du ikkje lydde Herren din Gud og ikkje heldt dei boda og forskriftene som han har gjeve deg.

<sup>46</sup> Dei skal vera teikn og varsel for deg og etterkomarane dine til alle tider.

<sup>47</sup> Fordi du ikkje tente Herren din Gud av eit godt hjarte, i glede over all di overflod,

<sup>48</sup>må du tena fiendane som Herren sender mot deg, og vera svolten, tørst og naken og mangla alt. Han skal leggja eit jernåk på nakken din, heilt til han har rydda deg ut.

<sup>49</sup> Herren skal senda over deg eit folkeslag frå det fjerne, frå enden av jorda, som ei stupande ørn, eit folk med eit språk som du ikkje forstår,

<sup>50</sup>eit folkeslag med harde andlet, som ikkje tek omsyn til dei gamle og ikkje er nådig mot dei unge.

<sup>51</sup>Dei skal eta opp frukta av buskapen din og frukta av åkerlandet, til du blir utrydda. Dei lét verken korn, ny vin eller fin olje vera att til deg, verken det som blir fødd av storfe, eller det som kjem til av småfe. Dei held fram til dei har utrydda deg.

<sup>52</sup>Dei skal omringa deg i alle byane dine, til dei styrtar ned, dei høge festningsmurane som du set di lit til overalt i landet ditt. Dei skal omringa deg i alle byane i heile landet som Herren din Gud gjev deg.

<sup>53</sup> Og i trengsla og nauda som fienden fører over deg, skal du eta dine eigne born, kjøtet av sønene og døtrene som Herren din Gud har gjeve deg.

<sup>54</sup>Den finaste og mest bortskjemde mannen hos deg vil då vera så vond mot bror sin og kona si og mot dei borna han enno har att,

<sup>55</sup>at han ikkje unner dei ein kjøtbit av borna sine som han et. For han har ikkje anna att i den trengsle og naud som fienden lét koma over deg i alle byane dine.

<sup>56</sup>Og den finaste og mest bortskjemde kvinna, som aldri har prøvd å setja foten på jorda, så fin og bortskjemd som ho er, skal ikkje unna sin eigen mann, son sin eller dotter si

<sup>57</sup>etterburden som kjem ut mellom beina på henne, eller borna ho har fødd. Fordi ho manglar alt, skal ho eta det i løynd, i den trengsle og naud som fienden lét koma over deg i byane dine.

<sup>58</sup>Dersom du ikkje trufast følgjer kvart ord i denne lova som er skriven i denne boka, og ikkje fryktar dette ærerike og skremmande namnet, Herrendin Gud,

<sup>59</sup>då skal Herren senda ufattelege plager over deg og etterkomarane dine, veldige plager og vonde sjukdomar som ingen ende vil ta.

<sup>60</sup>Han skal igjen senda over deg alle farsottene frå Egypt som du gruar deg for, og dei skal bli hangande ved deg.

<sup>61</sup>Også alle sjukdomar og plager som ikkje er nemnde i denne lovboka, skal Herren senda over deg, heilt til du blir utrydda.

<sup>62</sup>Berre ein liten flokk skal bli att av dykk som før var talrike som stjernene på himmelen. For du lydde ikkje Herren din Gud.

<sup>63</sup>Liksom Herren før gledde seg over å gjera vel mot dykk og gjera dykk talrike, skal han no gleda seg over å gjera ende på dykk og utrydda dykk. De skal rykkjast opp frå det landet du no går inn i og skal leggja under deg.

<sup>64</sup>Herren skal spreia deg mellom alle folka frå den eine enden av jorda til den andre, og der skal du dyrka andre gudar som korkje du eller fedrane dine har kjent: stukk og stein.

<sup>65</sup>Blant desse folkeslaga skal du aldri få ro og aldri finna kvile for din fot. Der skal Herren gje deg eit uroleg hjarte, eit sviktande syn og eit motlaust sinn.

<sup>66</sup>Livet ditt skal hanga i ein tråd. Dag og natt skal du leva i redsle og aldri vera trygg for livet ditt.

<sup>67</sup>Om morgonen skal du seia: «Gjev det var kveld!» og om kvelden: «Gjev det var morgon!» Slik redsle skal du kjenna i hjartet ditt, og så fælsleg er det du får sjå.

<sup>68</sup>Herren skal føra deg på skip tilbake til Egypt, den vegen eg sa at du aldri meir skulle sjå. Der skal de by dykk fram til sal for fiendane dykkar som slavar og slavekvinner, men ingen vil kjøpa.

## 5. Mosebok 29

## Guds pakt med Israel i Moab

- <sup>1</sup> Dette er orda i den pakta som Herren baud Moses å gjera med israelittane i landet Moab, i tillegg til den pakta han hadde gjort med dei ved Horeb.
- <sup>2</sup> Moses kalla heile Israel saman og sa til dei: De har sett alt det Herren gjorde rett for auga på dykk i Egypt med farao og alle tenarane og heile landet hans.
- <sup>3</sup> Med eigne auge såg du dei svære plagene, dei store teikna og undera.
- <sup>4</sup> Men til denne dag har Herren ikkje gjeve dykk hjarte til å forstå, auge til å sjå og øyre til å høyra.
- <sup>5</sup> Eg førte dykk i ørkenen i førti år. Kleda de hadde på, vart ikkje utslitne, og heller ikkje skorne du hadde på føtene.
- <sup>6</sup> De åt ikkje brød og drakk ikkje vin eller sterk drikk, for at de skulle skjønna at eg er Herren dykkar Gud.
- <sup>7</sup> Så kom de til denne staden. Sihon, kongen i Hesjbon, drog ut til strid mot oss saman med Og, kongen i Basan, men vi slo dei.
- <sup>8</sup> Vi tok landet deira og lét rubenittane og gadittane og halve Manassestammen få det til eige.
- <sup>9</sup> Legg då vinn på å leva etter orda i denne pakta, så skal de ha framgang i alt de gjer.
- <sup>10</sup> De står i dag alle saman framfor Herren dykkar Guds andlet, stammehovdingane, dei eldste og tilsynsmennene dykkar, kvar mann i Israel,
- <sup>11</sup> småborna og kvinnene dykkar og innflyttaren som held til i leiren din, både han som hogg ved og han som ber vatn for deg.
- <sup>12</sup> Du skal no gå inn i pakta med Herren din Gud som Herren din Gud gjer med deg i dag, med dei forbanningar som høyrer pakta til.
- <sup>13</sup> Ved dette skal han i dag gjera deg til sitt folk, og han sjølv vil vera din Gud, som han har sagt deg, og slik han med eid lova fedrane dine, Abraham, Isak og Jakob.

**14** Det er ikkje berre med dykk eg gjer denne pakta, med dei forbanningar som høyrer til,

**15**men òg med dei som står her saman med oss i dag framfor Herren vår Guds andlet, og med dei som enno ikkje er saman med oss.

**16**De veit sjølve at vi budde i Egypt, og at vi drog fram gjennom landa til dei folkeslaga de måtte dra forbi.

**17**De såg det motbydelege som var hos dei, gudebileta deira av stukk og stein, sølv og gull.

**18** Det må ikkje finnast nokon iblant dykk, mann eller kvinne, familie eller stamme, som i dag vender hjartet sitt bort frå Herren vår Gud for å gå og dyrka gudane blant desse folkeslaga. Det må ikkje finnast iblant dykk noka rot som det skyt giftplanter og malurt opp frå,

**19**ingen som når han høyrer forbanningsorda, velsignar seg sjølv i hjartet sitt og seier: «Fred skal vera med meg, sjølv om eg følgjer mitt sjølvrådige hjarte.» Då øydelegg han både det vassrike og det tørre landet.

**20** Herren vil ikkje tilgje ein slik mann: Herrens vreide og sjalusi skal loga opp mot han. Alle dei forbanningar som er nedskrivne i denne boka, skal kvila over han, og Herren skal utsletta namnet hans under himmelen.

**21** Herren skal skilja han ut frå alle Israels stammar og slå han med ulukke etter alle dei forbanningar som høyrer pakta til og er skrivne i denne lovboka.

**22**Komande slekter, borna som veks opp etter dykk, og framande som kjem frå fjerne land, skal sjå dei plagene som har råka dette landet, og dei sjukdomane Herren har sendt over det:

**23** svovel og salt, heile landet avsvidd så det kan ikkje såast, bli grønt eller noko strå kan veksa der, slik det var då Sodoma og Gomorra, Adma og Sebojim vart øydelagde, dei som Herren i sin vreide og harme la øyde.

**24** Då skal dei seia og alle folkeslag spørja: «Kvifor har Herren fare slik åt med dette landet? Kvifor denne store vreiden?»

<sup>25</sup>Og dei skal få til svar: Fordi dei braut den pakta som Herren, deira fedrars Gud, gjorde med dei då han førte dei ut frå Egypt.

<sup>26</sup>Dei gjekk av stad og dyrka andre gudar og tilbad dei, gudar som dei ikkje kjende, og som han ikkje hadde gjeve dei.

<sup>27</sup>Difor logaHerrens vreide opp mot dette landet, så han førte over det all den forbanning som er nedskreven i denne boka.

<sup>28</sup>I harme, illsinne og stor vreide rykte Herren dei opp frå jorda deira og kasta dei bort til eit anna land, og der har dei vore til denne dag.

<sup>29</sup> Det dulde høyrer Herren vår Gud til, men det som er openberra, høyrer til oss og våre born til evig tid, så vi skal halda kvart ord i denne lova.

## 5. Mosebok 30

### Herren vil samla folket

<sup>1</sup>Når alt dette kjem over deg, velsigninga og forbanninga som eg har lagt fram for deg, og du tek det til deg i hjartet ditt ute blant alle folkeslaga som Herren din Gud har drive deg bort til,

<sup>2</sup>og du så vender om til Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og lyder hans røyst i alt det eg byd deg i dag, både du og borna dine,

<sup>3</sup>då skal Herren din Gud venda lagnaden din og vera miskunnsam mot deg. Herren din Gud vil på nytt samla deg frå alle dei folka han har spreidd deg ut iblant.

<sup>4</sup>Om du så er driven bort til enden av himmelen, skal Herren din Gud samla deg derifrå, og derifrå skal han henta deg.

<sup>5</sup>Herren din Gud vil føra deg til det landet fedrane dine tok, og du skal ta det på nytt. Og han skal gjera vel imot deg og gjera deg endå meir talrik enn fedrane dine.

<sup>6</sup> Herren din Gud skal omskjera hjartet ditt og hjartet til etterkomarane dine, så du elsker Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel, slik at du skal få leva.



<sup>7</sup>Herren din Gud vil leggja alle desse forbanningane på fiendane dine og på dei som hatar og forfølgjer deg.

<sup>8</sup>Då skal du venda om og lyda Herrens røyst og halda alle boda hans som eg gjev deg i dag.

<sup>9</sup>Gjennom alt du gjer, skal Herren din Gud gje deg rikeleg av alt det som godt er, gjennom frukta av ditt morsliv og frukta av din buskap og frukta av ditt åkerland. For Herren vil atter gleda seg over deg til beste for deg, slik som han gledde seg over fedrane dine,

<sup>10</sup>så sant du lyder Herren din Gud og held boda og forskriftene hans som er skrivne i denne lovboka, og så sant du vender om til Herren din Gud av heile ditt hjarte og heile din hug.

<sup>11</sup> Desse boda som eg gjev deg i dag, er verken uforståelege eller langt borte.

<sup>12</sup> Dei er ikkje i himmelen, så du må seia: «Kven vil fara opp til himmelen for oss og henta dei ned, så vi kan få høyra dei og leva etter dei?»

<sup>13</sup>Dei er heller ikkje på andre sida av havet, så du må seia: «Kven vil fara over havet for oss og henta dei, så vi kan høyra dei og leva etter dei?»

<sup>14</sup>Nei, ordet er deg heilt nær, i munnen din og i hjartet ditt, så du kan leva etter det.

### Valet mellom liv og død

<sup>15</sup> Sjå, i dag har eg lagt fram for deg livet og det gode og døden og det vonde.

<sup>16</sup>Gjer du som eg byd deg i dag, så du elsker Herren din Gud og går på hans vegar og held hans bod, forskrifter og dommar, då skal du leva og bli talrik. Herren din Gud skal velsigna deg i det landet du går inn i og legg under deg.

<sup>17</sup>Men om hjartet ditt vender seg bort og du ikkje lyder, men lèt deg riva med og tilbed andre gudar og dyrkar dei,

<sup>18</sup> då kunngjer eg dykk i dag at de skal gå fullstendig til grunne. De skal ikkje få leva lenge i det landet som du no går over Jordan for å ta.

**19** Himmel og jord tek eg i dag til vitne mot dykk. Eg har lagt fram for deg liv og død, velsigning og forbanning. Vel då livet, så du og etterkomarane dine kan få leva.

**20** Du skal elska Herren din Gud, lyda hans røyst og halda fast ved han! Då skal du få leva og bu lenge i det landet Herren med eid lova å gje fedrane dine, Abraham, Isak og Jakob.

## 5. Mosebok 31

### Moses set inn Josva

**1**Moses gjekk fram og tala desse orda til heile Israel. **2**Han sa til dei: Eg er no hundre og tjue år gammal. Eg maktar ikkje lenger å gå ut og inn som før. Og Herren har sagt meg: «Du skal ikkje koma over denne elva, over Jordan.» **3**Herren din Gud skal sjølv gå over framfor deg. Han vil utrydda desse folkeslaga for deg, så du kan ta landet frå dei. Josva skal gå over framfor deg, slik som Herren har sagt. **4**Så vil Herren gjera med dei som han gjorde med amorittkongane Og og Sihon og landet deira då han utrydda dei. **5**Herren vil gje dei over til dykk, og de skal i eitt og alt gjera med dei slik eg har sagt dykk. **6**Ver modige og sterke! Ver ikkje redde og lat dykk ikkje skremma av dei! For Herren din Gud går sjølv med deg. Han sviktar deg ikkje og går ikkje frå deg.

**7**Så kalla Moses til seg Josva medan alle israellittane såg på, og sa til han: Ver modig og sterk! For du skal føra folket inn i det landet Herren med eid lova å gje fedrane deira, og du skal la dei få det til eigedom. **8**Herren sjølv skal gå framfor deg. Han skal vera med deg. Han sviktar deg ikkje og går ikkje frå deg. Ver ikkje redd og mist ikkje motet!

### Lova skal lesast på lauvhyttfesten

**9**Moses skreiv ned denne lova og gav henne til prestane, Levi-sønene, som bar Herrens paktkiste, og til alle dei eldste i Israel. **10**Og Moses gav dei dette påbodet: Kvart sjuande år, i ettergjevingsåret, ved lauvhyttfesten, **11**når heile Israel kjem og stig fram for Herren sin Guds andlet på den staden han vel seg ut, skal du lesa denne lova framfor heile Israel, slik at dei høyrer.

**12**Kall folket saman, menn, kvinner og born, og innflyttarane som bur i byane dine, slik at dei høyrer og kan læra å frykta Herren dykkar Gud og trufast følgja kvart ord i denne lova. **13**Og borna deira, som enno ikkje kjenner lova, skal høyra henne, så dei kan læra å frykta Herren dykkar Gud så lenge de får leva i det landet de skal leggja under dykk når de går over Jordan.

### Herrens siste ord til Moses

<sup>14</sup>Herren sa til Moses: «Sjå, no lid det til den tid at du skal døy. Kall Josva hit, og still dykk opp i teltheilagdomen, så skal eg seia kva han skal gjera.» Så gjekk Moses og Josva til teltheilagdomen og vart ståande der.<sup>15</sup>Då synte Herren seg i teltet i ei skysøyale, og skysøyla vart ståande ved døra til teltet.

<sup>16</sup>Herren sa til Moses: Sjå, du skal snart gå til kvile hos fedrane dine. Då kjem dette folket til å driva hor med framande gudar i det landet dei er komne inn i. Dei kjem til å venda seg frå meg og bryta den pakta eg har gjort med dei. <sup>17</sup>Då, når det skjer, skal harmen min flamma opp mot dei. Eg skal gå bort frå dei og gøyma andletet for dei og la dei bli fortærte. Mange ulukker og stor naud skal ramma dei. Den dagen skal dei seia: «Når desse ulukkene rammar meg, er det vel fordi min Gud ikkje er med meg.»

<sup>18</sup>Men fordi dei har gjort så mykje vondt og vendt seg til andre gudar, vil eg på den dagen gøyma andletet mitt heilt for dei.

<sup>19</sup> Skriv no ned denne songen, og lat israelittane læra han! Legg songen i munnen på dei, så han kan vera mitt vitne mot israelittane. <sup>20</sup>No fører eg dei inn i det landet som eg med eid lova fedrane deira, eit land som fløymer med mjølk og honning. Men når dei har ete seg mette og er vortne feite, kjem dei til å venda seg til andre gudar og dyrka dei. Dei kjem til å forakta meg og bryta mi pakt. <sup>21</sup>Når dei då blir ramma av mange ulukker og stor naud, skal denne songen stå som vitne framfor dei, for etterkomarane deira skal ha han på leppene og aldri gløyma han. For eg kjenner planane deira som dei alt no lagar seg, før eg fører dei inn i landet eg med eid lova dei.

<sup>22</sup>Same dagen skreiv Moses ned denne songen og lét israelittane læra han.

<sup>23</sup>Og Herren sa til Josva, son til Nun: «Ver modig og sterk! Det er du som skal føra israelittane inn i det landet eg med eid har lova dei. Eg skal vera med deg.»

### **Moses skriv lovboka ferdig**

<sup>24</sup>Då Moses hadde skrive ned denne lova i ein bokrull, frå først til sist,<sup>25</sup>gav han levittane, som ber Herrens paktkiste, dette påbodet: <sup>26</sup>Ta denne lovboka og legg henne ned ved sida av paktkista til Herren dykkar Gud. Der skal ho liggja som eit vitne mot deg. <sup>27</sup>For eg veit kor trassig og stivnakka du er. Alt no medan eg lever iblant dykk, har de vist trass mot Herren. Kor mykje meir når eg er død!

<sup>28</sup> Kall no saman alle dei eldste i stammene dykkar og tilsynsmennene, så vil eg la dei høyra desse orda og ta himmel og jord til vitne mot dei. <sup>29</sup>For eg veit at når eg er død, kjem de til å handla ille og bøya av frå den vegen eg har sagt de skal gå. I dagar som kjem, skal ulukka ramma dykk fordi de gjer det som vondt er i Herrens auge, og gjer han rasande med framferda dykkar.

### **Moses ber fram sin avskilssong**

<sup>30</sup>Moses sa fram denne songen, frå opning til ende, for heile Israels forsamling:

## 5. Mosebok 32

- <sup>1</sup> Høyr, de himlar, eg vil tala, lat jorda høyra ordet frå min munn!
- <sup>2</sup> Lat mi lære risla som regn, min tale drypa som dogg, som regnskurer på grøne enger, som regndropar over alt som gror.
- <sup>3</sup> Herrens namn vil eg forkynna, gje vår Gud ære!
- <sup>4</sup> Berget, fullkome er hans verk, for hans vegar er alltid dei rette. Ein trufast Gud, utan svik, rettferdig og rettvís er han.
- <sup>5</sup> Dei sveik han med si vonde ferd, dei som ikkje er hans born, ei trulaus og rangsnudd slekt.
- <sup>6</sup> Er det slik de løner Herren, du dumme, fåvise folk? Er han ikkje din far og skapar? Han forma deg og held deg oppe.
- <sup>7</sup> Kom dei eldgamle dagar i hug, gjev akt på åra frå slekt til slekt! Spør far din, lat han fortelja deg, spør dei gamle, lat dei gje deg svar.
- <sup>8</sup> Då Den høgste gav folkeslaga land og skilde menneska frå kvarandre, sette han grenser mellom folka etter talet på Israels søner.
- <sup>9</sup> Herrens del er hans eige folk, Jakob er hans arvelut.
- <sup>10</sup> Herren fann han i ørkenlandet, i den aude, hylande ørkenen. Han verna han, tok hand om han og vakta han som sin augnestein.
- <sup>11</sup> Lik ei ørn som får ungane til å flyga frå reiret og svevar over dei, slik breidde han ut sine venger, greip han og bar han på vengene.
- <sup>12</sup> Herren åleine leidde han, ingen framand gud var hos han.
- <sup>13</sup> Han lét han ri fram over høgdene i landet og lét han eta av grøda på åkeren, suga honning frå berget og olje frå steinharde fjellet,
- <sup>14</sup> gav han rømme frå buskapen, mjølk frå småfe og feitt frå lam, av Basanvêrar og bukkar, og nyrefeittet av kveiten. Drueblod drakk du, skummande vin.

- 15** Jesjurun vart feit og spente bakut; du vart feit, du vart tjukk og stinn. Han vraka Gud, som hadde skapt han, og vanvørde frelsesfjellet.
- 16** Dei gjorde han sjalu med framande gudar, gjorde han rasande med det avskyelege.
- 17** Dei ofra til ånder som ikkje er gudar, til guddomar dei ikkje kjende, nye gudar som nyst var komne, gudar fedrane dykkar ikkje visste om.
- 18** Berget som fødde deg, vørde du ikkje, du gløymde Gud, som fødde deg i smerte.
- 19** Då Herren såg det, støyte han dei bort, for sønene og døtrene hans hadde krenkt han.
- 20** Han sa: Eg vil løyna andletet for dei og sjå korleis det går dei til slutt; for dei er ei vrangsnudd slekt, born utan truskap.
- 21** Dei gjorde meg sjalu med gudar som ikkje er gudar, med avgudar gjorde dei meg rasande. Så vil eg gjera dei sjalu med eit folk som ikkje er eit folk, med eit uvitug folkeslag gjer eg dei rasande.
- 22** For i min harme har eg tent ein eld, han brenn til djupaste dødsriket. Han øyder jorda og grøda hennar og set grunnvollen under fjella i brann.
- 23** Eg vil la ulukker hopa seg opp om dei og bruka opp pilene mine mot dei.
- 24** Kraftlause blir dei av svolt, tærest av pest og farleg sott. Eg sender mot dei ville dyr med skarpe tenner og giftige ormar som kryp i støvet.
- 25** Ute gjer sverdet barnlaus, inne drep redsla både ung gut og jente, spedbarn og gråhåra mann.
- 26** Eg tenkte: «Eg skal knusa dei, viska ut minnet deira blant menneske.»
- 27** Men eg vart redd for at fiendane skulle krenkja meg, at motstandarane deira ville mistyda det og seia: «Vår eiga hand er lyft, det var ikkje Herren som gjorde alt dette.»
- 28** Dei er eit folk utan råd som duger, eit folk utan innsikt.

- <sup>29</sup>Var dei vise, skjøna dei dette og visste kvar det bar.
- <sup>30</sup> Korleis kan éin mann jaga tusen og to slå ti tusen på flukt, om ikkje deira fjell har selt dei og Herren har gjeve dei opp?
- <sup>31</sup>For deira berg er ikkje som vårt, det kan fiendane våre dømme om.
- <sup>32</sup> For vinstokken deira stammar frå Sodoma og frå terrassane i Gomorra. Druene deira er giftige, drueklasane beiske.
- <sup>33</sup>Slangegift er deira vin, eitrande gift frå ormar.
- <sup>34</sup>Men alt dette er gøymt hos meg, forseгла i mitt forråds-kammer
- <sup>35</sup> til hemnens dag då gjengjeldinga kjem, då foten deira blir ustø. Ja, ulukkedagen nærmar seg, det som ventar dei, kjem snart.
- <sup>36</sup>Men Herren vil skaffa folket sitt rett og ha medkjensle med sine tenarar, for han ser at makta deira er borte, det er ute med både fange og fri.
- <sup>37</sup>Så spør han: Kvar er no gudane deira, berget der dei søkte tilflukt,
- <sup>38</sup> dei som åt feittet av slaktofferet deira og drakk vinen frå drikkofferet? Lat dei reisa seg og hjelpa dykk, lat dei gje dykk ly og vern!
- <sup>39</sup> Sjø no, eg er Han! Det finst ingen annan gud enn eg. Eg tek liv og gjev liv, eg sårar og eg lækjer, og ingen kan berga noko ut av mi hand.
- <sup>40</sup>Eg lyfter handa mot himmelen og seier: Så sant eg lever til evig tid,
- <sup>41</sup>når eg kvesser mitt lynande sverd og rekkjer handa ut til doms, skal eg ta hemn over motstandarane mine og straffa dei som hatar meg.
- <sup>42</sup>Eg gjer mine piler drukne av blod, blodet av falne og fangar, sverdet mitt skal eta kjøt, hovud av fiendens hovdingar.
- <sup>43</sup> Pris hans folk, de folkeslag, for han hemnar blodet til sine tenarar. Han tek hemn over fiendane og gjer soning for sitt land og folk.
- <sup>44</sup>Moses kom og sa fram heile denne songen, han og Josva, son til Nun, medan folket høyrde på.
- <sup>45</sup>Då Moses var ferdig med å seia fram alle desse orda for heile Israel,

<sup>46</sup> sa han: «Legg dykk no på hjartet alle dei orda som eg i dag har tala til åtvaring for dykk. Og byd borna dykkar at dei skal halda kvart ord i denne lova og leva etter dei.

<sup>47</sup> For dette er ikkje tomme ord for dykk, men sjølve livet. Ved desse orda skal de leva lenge i det landet de no skal ta når de går over Jordan.»

### **Moses skal døy på Nebo-fjellet**

<sup>48</sup> Same dagen sa Herren til Moses:

<sup>49</sup> «Stig opp på Abarim-fjellet, på fjellet Nebo som ligg i Moab, midt imot Jeriko, og sjå ut over Kanaan, det landet eg vil gje israellittane til eige.

<sup>50</sup> Og du skal døy på det fjellet som du går opp på, og sameinast med folket ditt, liksom bror din, Aron, døyde på fjellet Hor og vart sameina med folket sitt.

<sup>51</sup> Dette skjer fordi de var trulause mot meg blant israellittane ved Meribakjelda i Kadesj i Sin-ørkenen og ikkje helga meg blant dei.

<sup>52</sup> Du skal få sjå landet framfor deg, men du skal ikkje koma inn i det, inn i landet eg vil gje israellittane.»

## **5. Mosebok 33**

### **Moses velsignar Israel**

<sup>1</sup> Dette er den velsigninga som gudsmannen Moses lyste over israellittane før han døyde:

<sup>2</sup> Herren kom frå Sinai, frå Se'ir stråla han fram for dei. I lysglans kom han frå Paran-fjellet med heilage i titusental som strøymde fram på hans høgre side.

<sup>3</sup> Ja, han elsker sitt folk. Alle hans heilage er i hans hand. Dei set seg ned ved dine føter og tek imot av dine ord.

<sup>4</sup> Moses gav oss ei lov, ein eige dom for Jakobs forsamling.

<sup>5</sup> Det stod fram ein konge i Jesjurun då hovdingane i folket kom saman med stammene i Israel.

<sup>6</sup> Måtte Ruben leva og aldri døy ut, måtte mennene hans bli talrike!

<sup>7</sup> Dette gjeld Juda. Han sa: Herre, høyr ropa frå Juda og lat han koma til folket sitt! Med hendene strider han for det. Ver hans hjelp mot fiendane!

<sup>8</sup> Om Levi sa han: Dine tummim og urim skal vera hos din trufaste mann, han som du sette på prøve ved Massa og stridde mot ved Meriba-kjelda.

<sup>9</sup> Han sa om far sin og mor si: «Eg har aldri sett dei.» Han kjendest ikkje ved sine brør og ville ikkje vita av sine born. For dei tok vare på ditt ord og verna om di pakt.

<sup>10</sup> Dei skal læra Jakob dine bod og Israel di lov. Dei skal bera fram røykjelse til din nase og heiloffer på ditt altar.

<sup>11</sup> Herre, velsigna hans kraft og ta vel imot verket frå hans hender! Knus hoftene på hans motstandarar og fiendar så dei aldri reiser seg meir!

<sup>12</sup> Om Benjamin sa han: Herrens kjære ven bur trygt og sikkert. Herren vernar han heile dagen, mellom skuldrene hans får han bu.

<sup>13</sup> Om Josef sa han: Måtte Herren velsigna hans land med det beste frå himmelen, med dogg, og frå havdjupet som ligg der nede,

<sup>14</sup> med den finaste avling som mognast i sol, og det beste som gror medan månen skifter,

<sup>15</sup> med det gjævaste frå dei eldgamle fjell, det aller beste frå dei evige høgder,

<sup>16</sup> med alt godt som fyller jorda, og med velvilje frå han som budde i klungeren. Lat dette koma over Josefs hovud, over issen på han som er fyrste blant sine brør.

<sup>17</sup> Staseleg er hans førstefødde okse, han har horn som ein villokse; med dei kan han stanga folka ned heilt til endane av jorda. Dette er Efraim i titusental, dei tusen på tusen menn av Manasse.

<sup>18</sup> Om Sebulon sa han: Gled deg, Sebulon, når du dreg ut, gled deg, Jissakar, i dine telt!

<sup>19</sup> Dei bed folka koma til fjellet, der ber dei fram rette offer. Dei syg til seg rikdom frå havet og skattar gøymde i sanden.



<sup>20</sup>Om Gad sa han: Velsigna er han som lèt Gad få rom! Som ei løvinne er Gad der han bur. Han riv sund både arm og hovud.

<sup>21</sup>Han såg seg ut den beste delen, der fekk han lott som ein æra herskar. Når hovdingane i folket kom saman, sette han i verk Herrens rettferd og hans dommar i Israel.

<sup>22</sup>Om Dan sa han: Dan er ein løveunge som spring fram frå Basan.

<sup>23</sup>Om Naftali sa han: Naftali er metta med Herrens velvilje og fylt av hans velsigning. Han tek land i vest og sør.

<sup>24</sup>Om Asjer sa han: Mest velsigna blant søner er Asjer. Han skal vera elska av brørne sine og dyppa foten sin i olje.

<sup>25</sup>Bommane dine skal vera av jern og bronse. Som dine dagar er, skal din styrke vera.

<sup>26</sup>Ingen er som Jesjuruns Gud. Han rid fram over himmelen for å koma deg til hjelp, rid på skyene i sitt velde.

<sup>27</sup>Ein bustad er den eldgamle Gud, her nede er hans evige armar. Han dreiv fienden bort for deg og sa: «Rydd ut!»

<sup>28</sup>Sidan bur Israel trygt, Jakobs kjelde har fred i eit land med korn og ny vin, der dogga dryp frå himmelen.

<sup>29</sup>Sæl er du, Israel. Kven er som du? Du er eit folk som er frelst av Herren, ditt vernande skjold og ditt sigrande sverd. Dine fiendar skal krypa for deg medan du skrid fram over høgdene deira.

## 5. Mosebok 34

### Moses døyr

<sup>1</sup>Så gjekk Moses frå slettene i Moab opp på Nebo, toppen av Pisga-fjellet, som ligg rett imot Jeriko. Og Herren viste han heile landet: Gilead like til Dan,

<sup>2</sup>heile Naftali, Efraims og Manasses land og heile Judas land til havet i vest,

<sup>3</sup>Negev og Jordan-sletta ved Jeriko-dalen – Palmebyen – heilt ned til Soar.

<sup>4</sup>Og Herren sa til han: «Dette er det landet som eg med eid lova Abraham, Isak og Jakob at eg ville gje etterkomarane deira. No har eg late deg sjå det med eigne auge, men du får ikkje koma over dit.»

<sup>5</sup>Så døydde Moses, Herrens tenar, der i Moab-landet, slik som Herren hadde sagt.

<sup>6</sup>Han gravla han nede i dalen i Moab, midt for Bet-Peor. Men til denne dag har ingen visst kvar grava hans er.

<sup>7</sup>Moses var hundre og tjue år gammal då han døydde, men auga hans var endå ikkje matte, livskrafta var ikkje borte.

<sup>8</sup>Israelittane gret over Moses på slettene i Moab i tretti dagar, heilt til sørgjetida var slutt.

<sup>9</sup>Josva, son til Nun, var fylt med visdoms ånd fordi Moses hadde lagt hendene på han. Og israelittane lydde han og gjorde som Herren hadde sagt Moses føre.

<sup>10</sup>Aldri meir steig det fram i Israel ein profet som Moses, ein som Herren gav seg til kjenne for andlet til andlet.

<sup>11</sup>Kom i hug alle dei teikn og under Herren sende han for å gjera i Egypt, med farao og alle tenarane hans og heile landet hans.

<sup>12</sup>Og kom i hug den sterke handa og alle dei store, skremmande gjerningane som Moses gjorde for auga på heile Israel.

## Josva

### Josva 1

#### Josva blir leiar

- <sup>1</sup> Då Moses, Herrens tenar, var død, sa Herren til medhjelparen hans, Josva, son til Nun:
- <sup>2</sup> «Moses, tenaren min, er død. Gjer deg no klar til å gå over Jordan, du og heile dette folket, inn i det landet som eg vil gje til dei, til israelittane.
- <sup>3</sup> Kvar stad de trør, gjev eg dykk, slik som eg lova Moses.
- <sup>4</sup> Området dykkar skal strekkja seg frå ørkenen og Libanon til den store elva Eufrat, heile hetittlandet, og heilt til Storhavet, der sola går ned.
- <sup>5</sup> Så lenge du lever, skal ingen kunna stå seg mot deg. Eg vil vera med deg slik eg var med Moses. Eg sviktar deg ikkje og går ikkje frå deg.
- <sup>6</sup> Ver modig og sterk! For du skal gjera dette folket til eigar av det landet som eg med eid lova fedrane deira å gje dei.
- <sup>7</sup> Ver berre modig og sterk, så du trufast følgjer heile den lova som Moses, tenaren min, baud deg å halda. Vik ikkje frå henne, verken til høgre eller venstre, så skal du ha framgang overalt der du går.
- <sup>8</sup> Denne lova skal du alltid ha på leppene dine. Les frå lovboka dag og natt, så du trufast følgjer alt som er skrive der. Då skal du ha framgang der du ferdast, og alt skal lukkast for deg.
- <sup>9</sup> Eg har då sagt deg: Ver modig og sterk! Lat deg ikkje skremma, og mist ikkje motet! For Herren din Gud er med deg overalt der du går.»
- <sup>10</sup> Då gav Josva tilsynsmennene i folket dette påbodet:
- <sup>11</sup> «Gå gjennom leiren og sei til folket: Gjer i stand forsyningar til reisa! For om tre dagar skal de gå over Jordan og ta det landet som Herren dykkar Gud gjev dykk i eige.»
- <sup>12</sup> Til rubenittane, gadittane og halve stammen til Manasse sa Josva:

**13** «Kom i hug kva Moses, Herrens tenar, baud dykk då han sa: Herrendykkar Gud gjev dykk dette landet og lèt dykk finna kvile.

**14** Kvinnene og borna og buskapen skal vera att i det landet Moses har gjeve dykk på austsida av Jordan. Men alle de modige krigarar skal kryssa Jordan fullt rusta og gå føre brørne dykkar og hjelpa dei.

**15** Først når Herren lèt dei finna kvile slik som de, og dei har lagt under seg det landet som Herren dykkar Gud vil gje dei, kan de venda attende og ta dykkar eige land i eige, det som Moses, Herrens tenar, har gjeve dykk på austsida av Jordan, der sola står opp.»

**16** Då svara dei Josva: «Alt det du har bode oss, skal vi gjera, og kvar du så sender oss, vil vi gå.

**17** Slik vi lydde Moses, vil vi lyda deg. Måtte berre Herren din Gud vera med deg slik han var med Moses.

**18** Kvar den som set seg opp mot deg og ikkje høyrer på det du seier, same kva du byd han, han skal døy. Ver berre modig og sterk!»

## Josva 2

### Spionar i Jeriko

**1** Josva, son til Nun, sende i løynd to spionar ut frå Sjittim. Han sa: «Gå og sjå nærare på landet og Jeriko!» Dei gjekk då i veg og tok inn i huset til ei prostituert kvinne som heitte Rahab. Der fekk dei overnatta.

**2** Kongen i Jeriko fekk melding om at nokre israelittar var komne om natta for å gjera seg kjende med landet.

**3** Då sende han bod til Rahab og sa: «Send ut dei mennene som er komne til deg og har teke inn i huset ditt! For dei er komne for å gjera seg kjende med heile landet.»

**4** Kvinna gøymde dei to mennene og svara: «Ja, mennene kom til meg, men eg visste ikkje kvar dei var ifrå.

<sup>5</sup>I skumringa, då byporten skulle stengjast, gjekk dei ut, og eg veit ikkje kvar dei tok vegen. Skund dykk etter dei, så kan de ta dei att.»

<sup>6</sup>Men ho hadde ført dei opp på taket og gøymt dei under linhalmen som ho hadde breidd utover der.

<sup>7</sup>Kongens menn sette etter dei på vegen mot Jordan, ned til vadestadene. Og så snart forfølgjarane var komne ut, vart porten stengd.

<sup>8</sup>Før dei hadde lagt seg til å sova, kom Rahab opp på taket

<sup>9</sup>og sa til dei: «Eg veit at Herren har gjeve dykk dette landet, og at redsle for dykk har falle over oss. Alle som bur i landet, skjelv for dykk.

<sup>10</sup> For vi har høyrte korleis Herren tørka ut vatnet i Sivsjøen framfor dykk då de drog ut frå Egypt, og kva de gjorde med dei to amorittkongane på den andre sida av Jordan, Sihon og Og, som de slo med bann og utsletta.

<sup>11</sup> Då vi høyrde om det, smelta hjartet vårt bort, og vi mista motet på grunn av dykk. For Herren dykkar Gud er Gud både der oppe i himmelen og her nede på jorda.

<sup>12</sup>Sver no ved Herren at de vil vera gode mot familien min, sidan eg har vore god mot dykk. Gjev meg eit truskapsteikn på

<sup>13</sup>at de vil la mor mi og far min, brørne og systrene mine og alle i huset deira få leva, og berga livet vårt frå døden.»

<sup>14</sup> Då svara mennene: «Med vårt eige liv skal vi svara for dykkar liv, så sant du ikkje lèt nokon få vita om planane våre. Når Herren gjev oss landet, skal vi vera gode og trufaste mot deg.»

<sup>15</sup> Så firte ho dei ned frå vindaugget med eit reip, for huset hennar gjekk i eitt med bymuren, og ho budde i muren.

<sup>16</sup>Ho sa til dei: «Dra opp i fjellet så de ikkje møter dei som forfølgjer dykk. Hald dykk løynde der i tre dagar, til dei som forfølgjer dykk er komne tilbake. Sidan kan de gå dit de skal.»

<sup>17</sup>Mennene sa til henne: «På eitt vilkår bind vi oss til den eiden du lét oss sverja:

<sup>18</sup>Når vi går inn i landet, skal du binda denne raude snora i vindaugget som du firte oss ned frå, og så skal du samla far din og mor di, brørne dine og heile familien din her i huset hos deg.

<sup>19</sup>Dersom nokon går ut gjennom døra i huset ditt, skal blodet koma over hans eige hovud, og vi er utan skuld. Men blir det lagt hand på nokon av dei som er inne hos deg, skal blodet hans koma over vårt hovud.

<sup>20</sup>Og fortel du nokon om planane våre, er vi løyste frå den eiden du lét oss sverja.»

<sup>21</sup>Ho svara: «Det skal bli som de seier.» Så lét ho dei gå. Dei drog av stad, og ho batt den raude snora i vindaugget.

<sup>22</sup>Mennene gjekk til dei kom opp i fjellet. Der vart dei verande i tre dagar, til dei som forfølgde dei var komne tilbake. Dei hadde leita langsetter heile vegen utan å finna dei.

<sup>23</sup>Så tok dei to mennene på heimvegen. Dei gjekk ned frå fjellet, sette over elva og kom til Josva, son til Nun. Dei fortalde han alt det som hadde hendt dei,

<sup>24</sup>og sa til Josva: «Herren har gjeve heile landet i våre hender, og alle som bur i landet, skjelv av redsle for oss.»

## Josva 3

### Israelittane går over Jordan

<sup>1</sup>Tidleg neste morgon braut Josva og alle israelittane opp frå Sjittim, og dei kom til Jordan. Der slo dei leir før dei kryssa elva.

<sup>2</sup>Etter tre dagar gjekk tilsynsmennene gjennom leiren

<sup>3</sup>og gav folket dette påbodet: «Når de ser at levittprestane lyfter opp paktkista til Herren dykkar Gud, skal de bryta opp og følgja etter henne.

<sup>4</sup>Men hald ein avstand på om lag to tusen alner. Kom henne ikkje for nær! Slik kan de vita kva veg de skal gå, for de har aldri gått den vegen før.»

<sup>5</sup>Josva sa til folket: «Gjer dykk reine og heilage! For i morgon vil Herren gjera under blant dykk.»

<sup>6</sup>Og til prestane sa han: «Lyft opp paktkista og gå over elva føre folket!» Då lyfte dei paktkista opp og gjekk føre folket.

<sup>7</sup>Herren sa til Josva: «Frå i dag vil eg gjera deg stor i auga til heile Israel, så dei skal forstå at eg er med deg slik eg var med Moses.

<sup>8</sup>Du skal seia til prestane som ber paktkista, at dei skal stansa ved elvebredda når dei kjem til Jordan.»

<sup>9</sup>Josva sa til israelittane: «Kom hit og høyr orda frå Herren dykkar Gud!»

<sup>10</sup>Josva sa: «Av dette skal de skjønna at den levande Gud er midt iblant dykk, og at han for dykkar skuld vil ta landet frå kanaaneane og hetittane, hevittane, perisittane, girgasjittane, amorittane og jebusittane:

<sup>11</sup>Paktkista til han som er herre over heile jorda, skal gå føre dykk over Jordan.

<sup>12</sup>Vel no ut tolv menn frå stammene i Israel, ein frå kvar stamme.

<sup>13</sup>Når prestane som ber kista for Herren, som er herre over heile jorda, set føtene ned i vatnet i Jordan, då skal vatnet i elva renna bort, og det som strøymer til ovanfrå, skal stå som ein voll.»

<sup>14</sup>Folket braut opp frå telta sine for å gå over Jordan, og prestane som bar paktkista, gjekk føre folket.

<sup>15</sup>Jordan fløymer over sine bredder i heile innhaustingstida. Men då prestane som bar kista, kom fram til Jordan og braut vassflata med føtene,

<sup>16</sup>stansa vatnet som strøymde til ovanfrå, og reiste seg som ein voll oppe ved Adam, den byen som ligg i nærleiken av Saretan, medan det vatnet som rann ned i Araba-sjøen, som blir kalla Saltsjøen, vart heilt borte. Folket kryssa elva rett imot Jeriko.

<sup>17</sup>Prestane som bar Herrens paktkiste, vart ståande trygt på den tørre botnen midt i Jordan medan alle israelittane gjekk tørrskodde over, heilt til alt folket var kome over Jordan.

## Josva 4

### Dei tolv steinane

<sup>1</sup>Då alt folket var kome over Jordan, sa Herren til Josva:

<sup>2</sup>«Vel dykk ut tolv menn av folket, ein frå kvar stamme,

<sup>3</sup>og byd dei: Ta opp tolv steinar frå den staden midt i Jordan der prestane står, ber dei med dykk over, og legg dei ned der de slår leir i natt.»

<sup>4</sup>Då kalla Josva til seg dei tolv mennene han hadde valt ut blant israelittane, ein frå kvar stamme,

<sup>5</sup>og sa til dei: «Gå midt ut i Jordan framfor paktkista til Herren dykkar Gud! Ta så opp ein stein kvar og legg han på aksla, like mange steinar som det er stammar i Israel.

<sup>6</sup>Dette skal vera eit teikn mellom dykk. Når borna dykkar i morgon spør: Kva tyder desse steinane?

<sup>7</sup>skal de svara: Vatnet i Jordan vart borte framforHerrens paktkiste. Då kista kom ut i elva, vart vatnet i Jordan borte, og desse steinane skal israelittane for alltid ha som eit minne om dette.»

<sup>8</sup>Israelittane gjorde som Josva baud dei. Midt ute i Jordan tok dei tolv steinar, like mange som det er stammar i Israel, slik som Herren hadde sagt til Josva. Dei bar dei med seg til leiren og la dei ned der.

<sup>9</sup>Og midt ute i Jordan, på den staden der prestane med paktkista hadde stått, reiste Josva tolv steinar. Dei står der den dag i dag.

<sup>10</sup>Prestane som bar kista, vart ståande midt ute i Jordan til alt somHerren hadde pålagt Josva å seia folket, var gjort, slik òg Moses hadde pålagt Josva. Folket skunda seg over elva.



<sup>11</sup>Då alle var komne over, gjekk prestane vidare føre folket med Herrens paktkiste.

<sup>12</sup>Rubenittane og gadittane og halve stammen til Manasse gjekk fullt rusta i spissen for israelittane, slik som Moses hadde sagt dei.

<sup>13</sup>Om lag førti tusen mann, væpna til strid, gjekk for Herrens andlet over elva mot slettene ved Jeriko for å slåst.

<sup>14</sup>Den dagen gjorde Herren Josva stor i auga til israelittane, og så lenge han levde, frykta dei han slik dei hadde frykta Moses.

<sup>15</sup>Herren sa til Josva:

<sup>16</sup>«Sei til prestane som ber kista med vitnemålet, at dei skal stiga opp frå Jordan.»

<sup>17</sup>Og Josva baud prestane: «Stig opp frå Jordan!»

<sup>18</sup>Med det same prestane som bar Herrens paktkiste, steig opp frå Jordan og sette foten på tørt land, kom vatnet i Jordan tilbake og fløynde over breddene sine som før.

<sup>19</sup>Det var den tiande dagen i den første månaden at folket steig opp frå Jordan. Dei slo leir i Gilgal, ved austgrensa for Jeriko.

<sup>20</sup>Dei tolv steinane som dei hadde teke med seg frå Jordan, reiste Josva i Gilgal,

<sup>21</sup>og han sa til israelittane: «Når borna dykkar i morgon spør fedrane sine: Kva tyder desse steinane?

<sup>22</sup>skal de forklara det for borna og seia: Her gjekk israelittane over Jordan på tørt land.

<sup>23</sup>Herren dykkar Gud tørka ut vatnet i Jordan for dykk til de hadde gått over, slik Herren dykkar Gud gjorde med Sivsjøen, som han tørka ut for oss til vi var komne over.

<sup>24</sup>Det gjorde han for at alle folk på jorda skal skjønna at Herrens hand er sterk, og for at de alle dagar skal frykta Herren dykkar Gud.»

## Josva 5

<sup>1</sup> Då alle amorittkongane på vestsida av Jordan og alle kanaanearkongane ute ved havet høyrde at Herren hadde tørka ut vatnet i Jordan til israelittane hadde kome seg over, smelta hjartet deira bort, og dei mista motet på grunn av israelittane.

### Omskjering og påskefeiring i Gilgal

<sup>2</sup> På den tida sa Herren til Josva: «Lag deg nokre flintknivar og omskjer israelittane på nytt.»

<sup>3</sup> Då laga Josva flintknivar og omskar israelittane ved Haaralot-høgda.

<sup>4</sup> Dette er grunnen til at Josva omskar dei: Heile folket som drog frå Egypt, det vil seia mennene, alle krigarane, hadde døydd i ørkenen på veg ut frå Egypt.

<sup>5</sup> Alle som drog ut, var omskorne, men ingen av dei som var fødde på ferda gjennom ørkenen etter at dei drog ut frå Egypt, hadde vorte omskorne.

<sup>6</sup> I førti år gjekk israelittane omkring i ørkenen, til alle krigarane som hadde drege ut frå Egypt, var døde. Dei ville ikkje lyda Herrens ord. Difor svor Herren at han ikkje ville la dei få sjå det landet han med eid hadde lova fedrane deira å gje oss, eit land som fløymer med mjølk og honning.

<sup>7</sup> Det var sønene deira, som Herren hadde late veksa opp i deira stad, Josva omskar. Dei hadde forhud, sidan dei ikkje hadde vorte omskorne på ferda.

<sup>8</sup> Då så heile folket var omskore, heldt dei seg i ro i leiren til dei vart friske att.

<sup>9</sup> Herrens til Josva: «I dag har eg velta vanæra frå Egypt av dykk.» Difor vart staden kalla Gilgal, og det heiter han den dag i dag.

<sup>10</sup> Medan israelittane låg i leir ved Gilgal, heldt dei påske der på Jerikoslettene, om kvelden den fjortande dagen i månaden.

<sup>11</sup> Og dagen etter påske, akkurat den dagen, åt dei av grøda i landet: usyra brød og rista korn.

<sup>12</sup> Frå den dagen vart det slutt på mannaen. Sidan israelittane no kunne eta av grøda i landet, fekk dei ikkje meir manna. Det året åt dei av avlinga frå Kanaans land.

### **Mannen med sverdet**

<sup>13</sup> Ein gong Josva var ved Jeriko, hende dette: Best han såg opp, fekk han auge på ein mann som stod beint framfor han med eit drege sverd i handa. Josva gjekk bort til han og sa: «Er du med oss eller med fiendane våre?»

<sup>14</sup> Mannen sa: «Nei, eg er føraren for Herrens hær. No er eg komen.» Då fall Josva ned med andletet mot jorda og sa: «Kva har herren min å seia tenaren sin?»

<sup>15</sup> Føraren for Herrens hær svara Josva: «Ta skorne av føtene, for staden du står på, er heilag.» Det gjorde Josva.

## **Josva 6**

### **Israelittane går inn i Jeriko**

<sup>1</sup> Jeriko var lukka og stengd for israelittane. Ingen gjekk ut, og ingen gjekk inn.

<sup>2</sup> Men Herren sa til Josva: «Sjå, eg gjev Jeriko med kongen og dei modige krigarane hans i dine hender.

<sup>3</sup> De skal omringa byen; alle krigarane skal gå rundt byen éin gong. Det skal du gjera i seks dagar.

<sup>4</sup> Sju prestar skal bera sju bukkehorn føre paktkista. På den sjuande dagen skal de gå sju gonger rundt byen, og prestane skal blåsa i bukkehorna.

<sup>5</sup> Når hornet læt, når de høyrer lyden frå bukkehorna, skal heile folket setja i eit høgt rop. Då skal bymuren rasa saman, så kvar og ein kan gå rett inn i byen.»

<sup>6</sup> Josva, son til Nun, kalla prestane til seg og sa: «Lyft opp paktkista. Sju prestar skal bera sju bukkehorn føre Herrens kiste.»

<sup>7</sup> Til folket sa han: «Gå rundt byen! Krigarane skal gå føre Herrens kiste.»

<sup>8</sup>Då Josva hadde tala til folket, gjekk dei sju prestane som bar dei sju bukkehorna, framfor Herrenog bles i horna, medan Herrens paktkiste følgde etter dei.

<sup>9</sup>Krigarane gjekk føre prestane som bles i horna, og baktroppen følgde etter kista. Dei gjekk, og horna ljoma.

<sup>10</sup>Josva hadde bode folket: «Rop ikkje krigsrop, gjev ikkje lyd frå dykk og la ikkje eit ord koma frå munnen dykkar før den dagen eg seier at de skal ropa! Då skal de gjera det.»

<sup>11</sup>Så lét han Herrens paktkiste bli ført éin gong rundt byen. Sidan gjekk dei tilbake til leiren og overnatta der.

<sup>12</sup>Neste morgon stod Josva tidleg opp, og prestane lyfte opp Herrenskiste.

<sup>13</sup>Dei sju prestane som bar dei sju bukkehorna, gjekk framforHerrens kiste og bles i horna heile tida. Krigarane gjekk føre dei, baktroppen følgde etter Herrens kiste, og horna ljoma heile tida.

<sup>14</sup>Dei gjekk éin gong rundt byen denne andre dagen og vende så attende til leiren. Dette gjorde dei i seks dagar.

<sup>15</sup>Den sjuande dagen stod dei opp ved daggry og gjekk på same måten rundt byen, sju gonger. Det var berre den dagen dei gjekk sju gonger rundt byen.

<sup>16</sup>Den sjuande gongen prestane bles i horna, sa Josva til folket: «Rop! For Herren har gjeve dykk byen.

<sup>17</sup> Byen og alt som er i han, skal vera bannlyst og høyra Herren til. Berre den prostituerte Rahab og alle som er i huset hennar, skal få leva fordi ho løynde mennene vi sende ut.

<sup>18</sup> Pass dykk for det som er bannlyst, så de ikkje blir freista til å ta av det. For då blir Israels leir òg bannlyst, og de fører ulukke over han.

<sup>19</sup>Alt sølv og gull og alle ting av kopar og jern skal gjerast heilagt forHerren og koma i Herrens skattkammer.»

**20** Folket ropa medan prestane bles i bukkehorna. Med det same folket hørde lyden frå horna, sette dei i eit høgt rop. Muren rasa saman, og kvar og ein gjekk rett inn i byen. Så tok dei byen.

**21** Alt som var i byen, både menn og kvinner, unge og gamle, storfe, småfe og esel, slo dei med bann og hogg ned med sverd.

**22** Til dei to mennene som hadde spionert i landet, sa Josva: «Gå inn i huset til den prostituerte kvinna. Før henne ut saman med alle som høyrer henne til, slik de med eid har lova henne.»

**23** Då gjekk dei unge spionane og henta ut Rahab og far og mor hennar og brørne og alle som hørde henne til. Alle slektningane hennar førte dei ut og lét dei få slå seg ned utanfor leiren til Israel.

**24** Men byen og alt som var i han, brende dei opp. Berre sølvet og gullet og tinga av kopar og jern la dei i skattkammeret i Herrens hus.

**25** Josva lét den prostituerte Rahab, familien hennar og alle som hørde henne til, få leva. Familien hennar bur blant israelittane den dag i dag fordi ho løynde mennene som Josva hadde sendt for å spionera i Jeriko.

**26** Den gongen lét Josva folket sverja denne eiden: «Forbanna for Herrens andlet er den som prøver å byggja opp att denne byen, Jeriko. Når han legg grunnvollen, skal det kosta han den førstefødde, og når han reiser porten, skal han mista den yngste.»

**27** Og Herren var med Josva, og gjetordet om han gjekk over heile landet.

## Josva 7

### Akan og nederlaget ved Ai

**1** Men israelittane var trulause og tok for seg av det bannlyste godset: Akan, son til Karmi, son til Sabdi, son til Serah frå Juda-stammen, tok av det. Då flamma Herrens vreide opp mot israelittane.

**2** Josva sende nokre menn frå Jeriko til Ai, som ligg ved Bet-Aven, aust for Betel. Han sa til dei at dei skulle dra opp og spionera i landet. Og mennene drog opp og spionerte i Ai.

<sup>3</sup>Då dei kom tilbake til Josva, sa dei til han: «Ikkje send heile hæren! La to eller tre tusen mann dra opp og ta Ai. Ikkje slit ut heile hæren, for det bur så få der.»

<sup>4</sup>Så drog om lag tre tusen mann av hæren dit. Men dei måtte rømme for folket i Ai,

<sup>5</sup>som drap om lag trettiseks av dei. Dei forfølgde dei frå byporten heilt til steinbrota og drap dei på vegen nedover. Då smelta hjartet til folket bort og vart som vatn.

<sup>6</sup> Josva reiv sund kleda sine og kasta seg ned med andletet mot jorda framfor Herrens paktkiste og vart liggjande heilt til kvelds, han og dei eldste i Israel. Dei strødde jord på hovudet.

<sup>7</sup>Og Josva sa: «Å, Gud, min Herre! Kvifor førte du dette folket over Jordan? Var det for å gje oss over i hendene på amorittane og utsletta oss? Gjev vi hadde vorte verande på den andre sida av Jordan!

<sup>8</sup>Høyr meg, Herre! Kva skal eg seia no når Israel har måtta snu ryggen til fienden og rømme?

<sup>9</sup>Når kanaanearene og alle dei andre som bur her i landet, får høyra om dette, kjem dei til å omringa oss og utsletta namna våre frå jorda. Kva vil du då gjera for ditt store namn?»

<sup>10</sup>Då sa Herren til Josva: «Reis deg opp! Kvifor ligg du slik med andletet mot jorda?

<sup>11</sup>Israel har synda! Dei har brote den pakta eg baud dei å halda, dei har teke av det bannlyste godset, dei har stole det og gøymt det bort innimellom sine eigne ting.

<sup>12</sup>Difor kan ikkje israelittane stå seg mot fiendane. Dei må snu ryggen til dei og rømme fordi dei sjølve har vorte slegne med bann. Eg vil ikkje vera med dykk dersom de ikkje øydelegg det bannlyste godset som finst hos dykk.

**13** Reis deg og gjer folket reint og heilagt! Du skal seia: Helga dykk til i morgon! For så seier Herren, Israels Gud: Du har bannlyst gods hos deg, Israel. Du kan ikkje stå deg mot fiendane før de har kvitta dykk med det bannlyste godset.

**14**I morgon tidleg skal de stiga fram, stamme for stamme. Den stammen som Herrentek ut, skal stiga fram, slekt for slekt. Den slekta som Herren tek ut, skal stiga fram, familie for familie. Og den familien Herren tek ut, skal stiga fram, mann for mann.

**15** Den som blir teken med bannlyst gods, skal brennast med eld, han og alt som høyrer han til. For han har brote Herrespakt og gjort ei skammeleg gjerning i Israel.»

**16** Neste morgon stod Josva tidleg opp og lét Israel stiga fram, stamme for stamme. Og Juda-stammen vart teken ut.

**17** Han lét då slektene i Juda stiga fram, og Serah-slekta vart teken ut. Så lét han Serah-slekta stiga fram, familie for familie, og Sabdis familie vart teken ut.

**18**Til slutt lét han Sabdis familie stiga fram, mann for mann, og Akan vart teken ut. Han var son til Karmi, son til Sabdi, son til Serah av Juda-stammen.

**19**Då sa Josva til Akan: «Son min, gjev Herren, Israels Gud, ære, og takk han! Fortel meg kva du har gjort, og gøym ikkje noko for meg.»

**20**Akan svara: «Det er sant, eg har synda mot Herren, Israels Gud. Dette har eg gjort:

**21**Blant hærfanget såg eg ei dyr kappe frå Sjinar, to hundre sjekel sølv og ein gullbarre på femti sjekel. Eg fekk lyst på dette og tok det. No ligg det gøymt i jorda under teltet mitt; sølvet ligg underst.»

**22**Då sende Josva nokre menn av stad, og dei sprang bort til teltet. Byttet var gøymt i teltet, og sølvet låg underst.

<sup>23</sup>Dei tok det med seg frå teltet og bar det til Josva og alle israelittane og tømde det ut framfor Herrensandlet.

<sup>24</sup>Josva og heile Israel tok Akan, Serahs son, saman med sølvet, kapp og gullbarren, med søner og døtrer, storfe, esel og småfe, teltet og alt han eigde, og dei førte det opp til Akor-dalen.

<sup>25</sup>Og Josva sa: «For ei ulukke du har ført over oss! I dag skal Herren føra ulukke over deg.» Og heile Israel steina han. Dei brende og steina alt og alle.

<sup>26</sup>Så kasta dei opp ei stor steinrøys over han, og ho ligg der den dag i dag. Då vende Herren om frå sin brennande vreide. Difor blir denne staden kalla Akor-dalen den dag i dag.

## Josva 8

### Israelittane hærtek Ai

<sup>1</sup>Så sa Herren til Josva: «Ver ikkje redd og mist ikkje motet! Ta med deg heile hæren og gjer deg klar til å dra opp mot Ai. Sjå, eg gjev kongen i Ai og folket og byen og landet hans i dine hender.

<sup>2</sup>Gjer det same med Ai og kongen der som du gjorde med Jeriko og kongen der, men hærfanget og feet kan de ha. Legg deg no i bakhald på den andre sida av byen!»

<sup>3</sup>Josva og heile hæren gjorde seg klare til å dra opp mot Ai. Han valde ut tretti tusen mann, modige krigarar, og sende dei av stad om natta.

<sup>4</sup>Dette baud han dei å gjera: «Legg dykk i bakhald på den andre sida av byen, ikkje langt ifrå han, og hald dykk budde, alle saman.

<sup>5</sup>Så skal eg og alt folket som er med meg, nærma oss byen. Når dei rykkjer ut mot oss, slik dei gjorde første gongen, skal vi rømme for dei.

<sup>6</sup>Då vil dei koma etter oss slik at vi får lokka dei bort frå byen. For dei tenkjer vel at vi rømmer for dei slik som vi gjorde første gongen. Og medan vi rømmer,



<sup>7</sup>skal de koma fram frå bakhaldet og ta byen. Herren dykkar Gud vil overgje han i dykkar hender.

<sup>8</sup>Når de har teke byen, skal de setja han i brann. Gjer som Herrenhar sagt. Sjå, dette byd eg dykk.»

<sup>9</sup>Så sende Josva dei av stad, og dei gjekk og la seg i bakhald vest for Ai, mellom Betel og Ai. Den natta var Josva saman med hæren.

<sup>10</sup>Neste morgon stod Josva tidleg opp og mønstra hæren. Så fór han og dei eldste i Israel i brodden for hæren opp mot Ai.

<sup>11</sup>Heile hæren som var med han, rykte fram til dei kom så nær at dei hadde byen rett framfor seg. Dei slo leir nord for Ai, med ein dal mellom seg og byen.

<sup>12</sup>Så tok Josva om lag fem tusen mann og la dei i bakhald vest for Ai, mellom Betel og Ai.

<sup>13</sup>Hæren stilte seg opp med ei avdeling nord for byen og ei i bakhald vest for byen. Den natta gjekk Josva ned i dalen.

<sup>14</sup>Då kongen i Ai såg dette, rykte mennene i byen raskt ut for å møte israelittane i strid tidleg om morgonen. Kongen og heile hæren hans drog ut til samlingsplassen rett imot Araba-sletta. Han visste ikkje at det låg folk i bakhald på den andre sida av byen.

<sup>15</sup>Josva og heile Israel lét som om dei vart slegne, og rømde føre dei mot ørkenen.

<sup>16</sup>Alt mannskapet i byen var kalla ut for å forfølgja dei. Dei sette etter Josva og vart lokka bort frå byen.

<sup>17</sup>Ikkje éin mann vart att i Ai; alle drog ut etter israelittane. Dei lét byen liggja open og forfølgde Israel.

<sup>18</sup>Då sa Herren til Josva: «Rett sabelen du har i handa, ut mot Ai! For no gjev eg byen i dine hender.» Josva rette sabelen han hadde i handa, ut mot byen.

<sup>19</sup>I det same han rette handa ut, kom dei raskt fram frå gøymestaden sin, dei som låg i bakhald, og storma inn i byen. Dei tok byen og sette han straks i brann.

<sup>20</sup>Då mennene frå Ai snudde seg, fekk dei sjå røyken frå byen stiga opp mot himmelen. Men dei hadde ingen stad å rømme, korkje hit eller dit, for hæren som hadde rømt ut i ørkenen, vende seg no mot forfølgjarane.

<sup>21</sup>Då Josva og alle israelittane såg at dei som låg i bakhald, hadde teke byen, og at det steig røyk opp frå han, snudde dei og gjekk til åtak på mennene frå Ai.

<sup>22</sup>Dei andre rykte ut mot dei frå byen. Dei var omringa av israelittar, både frå den eine og frå den andre kanten. Dei hogg dei ned slik at ingen overlevde eller slapp unna.

<sup>23</sup>Men kongen i Ai vart fanga levande, og dei førte han til Josva.

<sup>24</sup>Då israelittane hadde drepe alle innbyggjarane i Ai ute på sletta i ørkenen, dit dei hadde følgd etter dei, og alle som ein hadde falle for sverd, vende israelittane attende til Ai og hogg ned dei som var att der.

<sup>25</sup>Den dagen fall det i alt tolv tusen, både menn og kvinner, alle som budde i Ai.

<sup>26</sup> Josva tok ikkje til seg den utstrekke handa med sabelen før han hadde slege alle innbyggjarane i Ai med bann.

<sup>27</sup> Men feet og det dei hadde plyndra til seg i byen, tok israelittane med som hærfang, slik Herren hadde bode Josva.

<sup>28</sup>Josva brende Ai og lét han liggja som ein ruinhaug for alle tider, ein aud stad slik han er den dag i dag.

<sup>29</sup>Kongen i Ai hengde han opp på ein trepåle og lét han hanga der til kvelds. Då sola gladde, baud Josva dei å ta liket ned frå trepålen. Dei slengde liket midt framfor byporten, og over liket la dei opp ei stor steinrøys, som ligg der den dag i dag.

### Lova blir lesen på Ebal-fjellet

- <sup>30</sup>På den tid bygde Josva eit altar for Herren, Israels Gud, på Ebal-fjellet,
- <sup>31</sup>slik Moses, Herrens tenar, hadde sagt israelittane føre, slik det står skrive i lovboka til Moses: eit altar av heile steinar som det ikkje hadde vore brukt jern på. På dette la dei brennoffer for Herren og slakta fredsoffer.
- <sup>32</sup> På steinane gjorde Josva ei avskrift av den lova som Moses hadde skrive framfor auga til israelittane.
- <sup>33</sup> Heile Israel, både innflyttarar og fødde israelittar, stod saman med dei eldste blant folket, tilsynsmenn og dommarar på begge sider av kista, midt imot levittprestane som bar Herrens paktkiste. Halvparten stod vend mot Garisim-fjellet og halvparten mot Ebal-fjellet, slik Moses, Herrenstenar, ein gong hadde sagt at det skulle vera når velsigninga vart lyst over Israel.
- <sup>34</sup> Deretter las Josva opp alt som stod i lova, både velsigninga og forbanninga, nett slik som det står skrive i lovboka.
- <sup>35</sup>Ikkje eitt ord av alt det som Moses hadde sagt føre, utelét Josva då han las det opp for heile Israels forsamling og for kvinnene, borna og dei innflyttarane som budde iblant dei.

## Josva 9

### Pakta med folket i Gibeon

- <sup>1</sup>Då alle kongane som budde vestafor Jordan, i fjellandet, i låglandet og langsmed heile kysten av Storhavet opp mot Libanon, hetittane, amorittane, kanaanearane, perisittane, hevittane og jebusittane, fekk høyra kva som hadde hendt,
- <sup>2</sup>slo dei seg saman for å kjempa mot Josva og israelittane, alle som ein.
- <sup>3</sup>Men då innbyggjarane i Gibeon høyrde kva Josva hadde gjort med Jeriko og Ai,
- <sup>4</sup>greip dei til list dei òg. Dei gjekk av stad for å proviantera, og på esla sine la dei utslitne kløvsekker og lappa, sprokne og utslitne vinsekker.

<sup>5</sup>Dei hadde utslitne og lappa skor på føtene og fillete klede på kroppen, og alt nistebrødet deira var tørt og smuldra.

<sup>6</sup>Så drog dei til Josva i leiren ved Gilgal og sa til han og israelittane: «Vi kjem frå eit land langt borte. Gjer no ei pakt med oss!»

<sup>7</sup>Israelittane sa til hevittane: «De bur kanskje her midt iblant oss. Korleis kan vi då gjera pakt med dykk?»

<sup>8</sup>Dei sa til Josva: «Vi er tenarane dine.» Josva spurde: «Kven er de, og kvar kjem de frå?»

<sup>9</sup>Hevittane svara: «Tenarane dine er komne frå eit land langt borte fordi det går ord om Herren din Gud. Vi har høyrte det som blir sagt om han, om alt det han gjorde i Egypt,

<sup>10</sup>og alt det han gjorde med dei to amorittkongane på den andre sida av Jordan, Sihon, kongen i Hesjbon, og Basan-kongen Og, som budde i Asjtarot.

<sup>11</sup>Difor sa dei eldste iblant oss og alle som bur i landet vårt: Ta med dykk niste på vegen, gå dei til møtes og sei til dei: Vi er tenarane dykkar. Gjer no ei pakt med oss!

<sup>12</sup>Her er brødet vårt, som var varmt då vi tok det med heimanfrå den dagen vi drog av stad for å møte dykk. Men sjå no kor tørt og smuldra det har vorte!

<sup>13</sup>Her er vinsekkene våre, som var nye då vi fylte dei. Men sjå, no er dei sprogne. Og her ser de kleda og skorne våre, utslitne etter den lange reisa.»

<sup>14</sup> Mennene tok og smaka på nista deira, men dei spurde ikkje Herren til råds.

<sup>15</sup>Josva slutta fred og gjorde ei pakt med dei om at dei skulle få leva, og leiarane i forsamlinga stadfeste dette med eid.

<sup>16</sup>Tre dagar etter at israelittane hadde gjort pakt med dei, fekk dei høyra at dei var grannar og budde midt iblant dei.

<sup>17</sup>Israelittane braut då opp, og den tredje dagen kom dei til byane deira. Byane var Gibeon, Kefira, Beerot og Kirjat-Jearim.

<sup>18</sup>Men israelittane slo dei ikkje i hel, sidan leiarane i forsamlinga hadde svore ved Herren, Israels Gud. Då klaga heile forsamlinga til leiarane.

<sup>19</sup>Men leiarane sa til forsamlinga: «Vi har svore ved Herren, Israels Gud, så no kan vi ikkje leggja hand på dei.

<sup>20</sup>Men slik gjer vi med dei: Vi lèt dei få leva, så vi ikkje blir råka av vrede på grunn av eiden vi har svore.»

<sup>21</sup>Leiarane sa: «Dei skal få leva.» Og dei vart vedhoggarar og vassberarar for heile forsamlinga, slik leiarane sa til dei.

<sup>22</sup>Josva kalla mennene frå Gibeon til seg og sa til dei: «Kvifor narra de oss og sa at de bur langt borte når de bur iblant oss?

<sup>23</sup>No skal de vera forbanna! Ingen av dykk skal sleppa å vera slavar. De skal hogga ved og bera vatn til huset til min Gud.»

<sup>24</sup> Då svara dei Josva: «Det hadde vorte kunngjort klårt og tydeleg for tenarane dine at Herren din Gud hadde gjeve tenaren sin Moses påbod om å gje dykk heile landet, og for dykkar skuld rydda ut alle som bur der. Då vart vi redde for at de skulle drepa oss. Difor gjorde vi som vi gjorde.

<sup>25</sup>Men no er vi i di hand. Gjer med oss som du finn rett i dine auge.»

<sup>26</sup>Josva gjorde då slik at han redda dei frå israelittane, så dei ikkje vart drepne.

<sup>27</sup> Og same dagen sette Josva dei til å hogga ved og bera vatn til forsamlinga og til Herrens altar, og det gjer dei den dag i dag på den staden som Herren har valt ut.

## Josva 10

### Josva vann over fem amorittkongar

<sup>1</sup> Adoni-Sedek, kongen i Jerusalem, fekk høyra at Josva hadde teke Ai og slege byen med bann, at han hadde gjort det same med Ai og kongen der som han hadde gjort med Jeriko og kongen der, og at innbyggjarane i Gibeon hadde slutta fred med israelittane og budde midt iblant dei.

<sup>2</sup>Då vart han livande redd. For Gibeon var ein stor by, like stor som ein av kongebyane, større enn Ai, og alle mennene der var modige krigarar.

<sup>3</sup>Adoni-Sedek, kongen i Jerusalem, sende difor bod til Hoham, kongen i Hebron, til Piram, kongen i Jarmut, til Jafia, kongen i Lakisj, og til Debir, kongen i Eglon, og sa:

<sup>4</sup>«Kom opp og hjelp meg så vi kan slå Gibeon. For dei har slutta fred med Josva og israelittane.»

<sup>5</sup>Dei fem amorittkongane, kongane i Jerusalem, Hebron, Jarmut, Lakisj og Eglon, samla seg då og drog dit opp med hærane sine. Dei kringsette Gibeon og gjekk til åtak på byen.

<sup>6</sup>Då sende mennene i Gibeon bod til Josva i leiren ved Gilgal og sa: «Slå ikkje handa av tenarane dine! Skund deg opp, berg oss og hjelp oss! For alle amorittkongane som bur i fjellandet, har slege seg saman mot oss.»

<sup>7</sup>Josva drog då opp frå Gilgal med heile hæren, alle dei modige krigarane.

<sup>8</sup>Herren sa til Josva: «Ver ikkje redd dei, eg gjev dei over i dine hender! Ikkje ein av dei skal greia å stå imot deg.»

<sup>9</sup>Josva kom uventa på dei; heile natta hadde han marsjert frå Gilgal.

<sup>10</sup> Herren spreidde uro i rekkjene då israelittane kom, og dei gav fienden eit stort nederlag ved Gibeon. Sidan forfølgde israelittane dei på vegen oppover mot Bet-Horon, heilt til Aseka og Makkeda, og hogg dei ned.

<sup>11</sup> Då dei hadde rømt for israelittane og var komne til bakken ned frå Bet-Horon, kasta Herren store steinar ned frå himmelen, heile vegen til Aseka, så dei døydde. Dei som vart drepne av haglsteinane, var fleire enn dei som israelittane drap med sverd.

<sup>12</sup>På den dagen då Herren gav amorittane i israelittane si hand, tala Josva til Herren. Han sa framfor israelittane: «Sol, stå stille i Gibeon, måne, i Ajjalons dal!»

<sup>13</sup> Då stod sola stille og månen stansa til folket fekk teke hemn over fiendane sine. Slik står det skrive i «Boka til den rettvisе». Sola stansa midt på himmelen, og ho skunda seg ikkje med å gå ned før ein heil dag var til ende.

<sup>14</sup> Aldri, korkje før eller sidan, har det vore ein dag som denne, då Herren bønhoyrde ein mann slik. For Herren førte krig for Israel.

<sup>15</sup> Så drog Josva og heile Israel med han tilbake til leiren ved Gilgal.

<sup>16</sup> Men dei fem kongane rømde og gøymde seg i hòla ved Makkeda.

<sup>17</sup> Då Josva fekk vita at dei fem kongane var funne, og at dei hadde gøymt seg i hòla ved Makkeda,

<sup>18</sup> sa han: «Velt store steinar framfor inngangen til hòla og set nokre menn til å halda vakt der.

<sup>19</sup> Men sjølve må de ikkje bli verande der. Set etter fiendane og hogg dei ned. Lat dei ikkje koma inn i byane sine! For Herren dykkar Gud har overgjeve dei i dykkar hender.»

<sup>20</sup> Josva og israelittane gav dei eit stort nederlag og gjorde ende på dei; berre nokre få overlevde og kom seg inn i festningsbyane.

<sup>21</sup> Så drog heile hæren uskadd tilbake til Josva i leiren ved Makkeda. Ingen våga å bruka skarpe ord mot israelittane.

<sup>22</sup> Så sa Josva: «Opna inngangen og før desse fem kongane ut av hòla til meg.»

<sup>23</sup> Dei så gjorde; dei førte dei fem kongane ut til han frå hòla: kongen i Jerusalem, kongen i Hebron, kongen i Jarmut, kongen i Lakisj og kongen i Eglon.

<sup>24</sup> Då dei hadde ført kongane ut til Josva, kalla han alle mennene i Israel til seg og sa til hærførarane som hadde følgd han: «Kom hit og set foten på nakken til desse kongane!» Og dei kom fram og sette foten på nakken deira.

<sup>25</sup> Josva sa til dei: «Ver ikkje redde og mist ikkje motet! Ver modige og sterke! For slik vil Herren gjera med dei fiendane de kjem i strid med.»

<sup>26</sup> Deretter hogg Josva dei ned. Han drap dei og hengde dei opp på fem trepålar, og der vart dei hangande til kvelds.

<sup>27</sup> Ved solnedgang baud Josva å ta dei ned frå pålane og kasta dei inn i hòla der dei hadde gøymt seg. Dei la store steinar framfor opninga til hòla, og der ligg dei den dag i dag.

### **Israel tek land i sør**

<sup>28</sup> Same dagen tok Josva også Makkeda og hogg ned kongen og alle i byen med sverd. Han slo byen med bann og utsletta alt levande der. Han lét ingen overlevande vera att. Med kongen i Makkeda gjorde han like eins som han hadde gjort med kongen i Jeriko.

<sup>29</sup> Frå Makkeda drog Josva med heile Israel til Libna, og han gjekk til åtak på byen.

<sup>30</sup> Herren gav også Libna og kongen der i Israels hender. Josva hogg ned folket og alt levande i byen med sverd. Han lét ingen overlevande vera att. Med kongen gjorde han like eins som han hadde gjort med kongen i Jeriko.

<sup>31</sup> Frå Libna drog Josva med heile Israel vidare til Lakisj. Han kringsette byen og gjekk til åtak på han.

<sup>32</sup> Herren gav Lakisj i hendene på israelittane, og neste dag tok dei byen. Dei hogg ned folket og alt levande i byen med sverd, som dei hadde gjort i Libna.

<sup>33</sup> Då drog Horam, kongen i Geser, opp for å hjelpa Lakisj. Men Josva slo både han og hæren hans; han lét ingen overlevande vera att.

<sup>34</sup> Frå Lakisj drog Josva med heile Israel vidare til Eglon. Dei kringsette byen og gjekk til åtak på han.

<sup>35</sup> Den dagen tok dei byen og hogg alle ned med sverd. På denne dagen slo dei alt levande i byen med bann, slik dei hadde gjort i Lakisj.

<sup>36</sup> Frå Eglon drog Josva med heile Israel vidare opp til Hebron og gjekk til åtak på byen.



<sup>37</sup>Dei tok han og hogg alle ned med sverd. Dei hogg ned kongen i byen og folket i alle byane som hørde Hebron til, alt levande. Han lét ingen overlevande vera att. På same måten som dei hadde gjort med Eglon, slo dei byen med bann og utsletta alt som levde der.

<sup>38</sup>Josva med heile Israel vende seg no mot Debir. Dei gjekk til åtak på byen

<sup>39</sup>og tok han. Kongen der og folket i alle byane som hørde Debir til, hogg dei ned med sverd. Dei slo alt levande med bann; han lét ingen overlevande vera att. Slik dei hadde gjort med Hebron og med Libna og kongen der, gjorde dei no med Debir og kongen der.

<sup>40</sup> Josva tok heile landet, både fjellandet, Negev, låglandet og liene og alle kongane der. Han lét ingen overlevande vera att. Alt levande slo han med bann, slik Herren, Israels Gud, hadde sagt han føre.

<sup>41</sup> Josva tok alt landet frå Kadesj-Barnea til Gaza og heile Gosen-landet til Gibeon.

<sup>42</sup>I eitt og same felttog slo han alle kongane der og tok landet deira. For Herren, Israels Gud, kjempa for Israel.

<sup>43</sup>Så vende Josva med heile Israel attende til leiren ved Gilgal.

## **Josva 11**

### **Slaget ved Merom-elva**

<sup>1</sup>Då Jabin, kongen i Hasor, fekk høyra om dette, sende han bod til Jobab, kongen i Madon, til kongen i Sjimron og kongen i Aksjaf

<sup>2</sup>og til kongane i fjellandet i nord, på Araba-sletta sør for Kinneret, i låglandet og i høglandet ved Dor mot vest,

<sup>3</sup>til kanaanearane i aust og vest, til amorittane, hetittane og perisittane, til jebusittane i fjellandet og hevittane ved foten av Hermon, i Mispa-landet.

<sup>4</sup>Dei drog ut med troppane sine, ein stor hær, talrik som sanden på havsens strand, og med ei stor mengd hestar og vogner.

<sup>5</sup>Alle desse kongane drog saman til Merom-elva og slo leir der for å gå til kamp mot Israel.

<sup>6</sup>Då sa Herren til Josva: «Ver ikkje redd dei! I morgon på denne tid skal eg syta for at dei ligg falne framfor israelittane. Du skal skjera over hasane på hestane deira og brenna opp vognene deira.»

<sup>7</sup>Josva og hæren hans kom brått over fiendane ved Merom-elva og gjekk til åtak på dei.

<sup>8</sup>Herren overgav dei i Israels hender. Israelittane slo dei og forfølgde dei heilt til det store Sidon og Misrefot-Majim og til Mispa-dalen i aust. Dei knuste fiendane slik at ingen overlevde eller slapp unna.

<sup>9</sup>Og Josva gjorde med dei som Herren hadde sagt. Han skar over hasane på hestane og brende opp vognene deira.

### **Josva tek landet i nord**

<sup>10</sup>Etterpå snudde Josva om, tok Hasor og hogg kongen der ned med sverd. Hasor var før i tida det fremste av alle desse kongedøma.

<sup>11</sup>Alt levande der vart hogge ned med sverd. Dei vart slegne med bann, ikkje eit liv vart spart. Byen Hasor sette han i brann.

<sup>12</sup>Josva la under seg alle desse kongebyane og kongane der. Han hogg dei ned med sverd og slo dei med bann, slik Moses, Herrens tenar, hadde sagt han føre.

<sup>13</sup>Men israelittane sette ikkje eld på nokon av dei andre byane som låg på høgdene, berre Hasor. Det var den einaste byen Josva brende.

<sup>14</sup>Alt hærfanget frå desse byane og alt bufeet tok israelittane sjølve. Men folket hogg dei ned med sverd til alle var utrydda. Ikkje éin fekk leva.

<sup>15</sup>Det Herren hadde sagt tenaren sin Moses føre, hadde Moses bode Josva å gjera, og Josva gjorde det. Han utelét ikkje noko av alt det Herren hadde sagt Moses.

### **Israelittane tek heile landet**

- 16** Slik tok Josva heile dette landet: fjellandet, heile Negev og Gosen-landet, låglandet og Araba-sletta, fjellandet i Israel og låglandet der,
- 17** frå snaufjellet som stig opp mot Se'ir, til Baal-Gad i Libanon-dalen ved foten av Hermon-fjellet. Alle kongane der tok han til fange og slo i hel.
- 18** I lang tid førte Josva krig mot desse kongane.
- 19** Ingen by gjorde fred med israelittane, bortsett frå hevittane som budde i Gibeon. Alle dei andre tok dei i krig.
- 20** Det var Herren som gjorde hjarta deira harde og fekk dei til å strida mot Israel, for at Israel skulle slå dei med bann så det ikkje fanst nåde for dei. For dei skulle ryddast ut slik Herren hadde sagt til Moses.
- 21** På den tid drog Josva opp og hogg ned anakittane i fjellandet, i Hebron, Debir, Anab og heile fjellandet i Juda og Israel, og slo dei og byane deira med bann.
- 22** Det vart ingen anakittar att i landet til israelittane. Berre i Gaza, Gat og Asjdod vart det nokre att.
- 23** Så tok Josva heile landet, slik Herren hadde sagt til Moses. Og Josva lét israelittane få det til eige; kvar stamme fekk sin del. Og så fekk landet kvile frå krigen.

## Josva 12

### Kongane som israelittane vann over

- 1** Dette er kongane i landet som israelittane vann over, dei som rådde over landet som israelittane tok i eige på den andre sida av Jordan, på austsida, frå Arnon-elva til Hermon-fjellet, heile austsida av Araba-sletta:
- 2** amorittkongen Sihon, som budde i Hesjbon og rådde over området frå Aroer, som ligg ut mot Arnon-elva, området frå midt i dalen og over halve Gilead til Jabbok, elva som er grense mot ammonittane,

<sup>3</sup> og over Jordan-dalen, opp til austsida av Kinneret-sjøen og ned til austsida av Araba-sjøen – som blir kalla Saltsjøen – bort imot Bet-Jesjimot, og sørover nedst i Pisga-skråningane.

<sup>4</sup> Vidare området til Og, kongen i Basan, ein av dei som var att av refaittane. Han hadde sete i Asjtarot og Edre'i

<sup>5</sup> og rådde over Hermon-fjellet, Salka og heile Basan, til grensa mot gesjurittane og maakatittane, og over halve Gilead, til grensa mot Sihon, kongen i Hesjbon.

<sup>6</sup> Moses, Herrens tenar, og israelittane hadde vunne over desse kongane, og Moses, Herrens tenar, hadde gjeve landet i eige til rubenittane og gadittane og halvparten av stammen til Manasse.

<sup>7</sup> Dette er kongane i landet som Josva og israelittane vann over på vestsida av Jordan. Landet frå Baal-Gad i Libanon-dalen til snaufjellet som stig opp mot Se'ir gav Josva Israel-stammane til eige. Kvar stamme fekk sin del,

<sup>8</sup> i fjellandet, i låglandet og på Araba-sletta, i skråningane, i ørkenen og Negev, i landet til hetittane, amorittane, kanaanearane, perisittane, hevittane og jebusittane. Kongane var:

<sup>9</sup> kongen i Jeriko, éin, kongen i Ai ved Betel, éin,

<sup>10</sup> kongen i Jerusalem, éin, kongen i Hebron, éin,

<sup>11</sup> kongen i Jarmut, éin, kongen i Lakisj, éin,

<sup>12</sup> kongen i Eglon, éin, kongen i Geser, éin,

<sup>13</sup> kongen i Debir, éin, kongen i Geder, éin,

<sup>14</sup> kongen i Horma, éin, kongen i Arad, éin,

<sup>15</sup> kongen i Libna, éin, kongen i Adullam, éin,

<sup>16</sup> kongen i Makkeda, éin, kongen i Betel, éin,

<sup>17</sup> kongen i Tappuah, éin, kongen i Hefer, éin,

<sup>18</sup> kongen i Afek, éin, kongen i Saron, éin,

- <sup>19</sup>kongen i Madon, éin, kongen i Hasor, éin,  
<sup>20</sup>kongen i Sjimron-Meron, éin, kongen i Aksjaf, éin,  
<sup>21</sup>kongen i Taanak, éin, kongen i Megiddo, éin,  
<sup>22</sup>kongen i Kedesj, éin, kongen i Jokneam ved Karmel, éin,  
<sup>23</sup>kongen i Dor på Dor-høgda, éin, kongen over folka i Galilea, éin,  
<sup>24</sup>kongen i Tirsa, éin, i alt trettiein kongar.

## Josva 13

### Land som endå ikkje var teke

- <sup>1</sup>Josva var no gammal og langt oppi ára. Herren sa til han: «Du er no gammal og langt oppi ára, men enno er det mykje land som står att å ta.
- <sup>2</sup>Dette er dei landområda som står att: alle landområda til filistrane og gesjurittane,
- <sup>3</sup>frå Sjihor ved Egypt til Ekrons grense i nord – dette blir rekna som kanaaneisk og høyrer til dei fem byhovdingane til filistrane i Gaza, Asjdod, Asjkalon, Gat og Ekron – dessutan landet til avittane
- <sup>4</sup>i sør, og heile kanaanearlandet og Meara, som høyrer til sidonarane, til Afek, til grensa mot landet til amorittane;
- <sup>5</sup>vidare landet til gebalittane og heile Libanon austover frå Baal-Gad ved foten av Hermon-fjellet til Lebo-Hamat.
- <sup>6</sup>For israeittane si skuld skal eg ta landet frå sidonarane, alle dei som bur i fjellandet frå Libanon til Misrefot-Majim. Lat Israel få landet i arv slik eg har bode deg.
- <sup>7</sup>No skal du fordela dette landet som arv til dei ni stammane og halve stammen til Manasse.»

### Landet aust for Jordan

Den andre halvparten av stammen til Manasse, saman med

<sup>8</sup>rubenittane og gadittane, hadde alt teke sin eigedom, det som Moses gav dei på austsida av Jordan. Dette hadde Moses, Herrens tenar, gjeve dei:

<sup>9</sup>landet frå Aroer, som ligg ut mot Arnon-elva, byen midt i dalen og heile høgsletta frå Medeba til Dibon,

<sup>10</sup> og alle byane som hadde tilhøyrt amorittkongen Sihon, som styrte i Hesjbon, heilt til grensa mot ammonittane;

<sup>11</sup>og så Gilead, landet til gesjurittane og maakatittane, heile Hermon-fjellet og Basan like til Salka,

<sup>12</sup> heile riket til Basan-kongen Og, som styrte i Asjtarot og Edre'i. Han var den siste som var att av refaittane. Moses hadde slege dei og teke landet deira.

<sup>13</sup>Men israelittane tok ikkje landet frå gesjurittane og maakatittane. Dei bur midt i Israel den dag i dag.

<sup>14</sup> Det var berre stammen til Levi Moses ikkje gav nokon eigedom. Gåveoffera til Herren, Israels Gud, er deira eigedom, slik som han hadde sagt dei.

<sup>15</sup>Moses gav land til Ruben-stammen, slekt for slekt.

<sup>16</sup>Dei fekk området frå Aroer, som ligg ut mot Arnon-elva, og byen midt i dalen, heile høgsletta til Medeba,

<sup>17</sup>Hesjbon med alle byane på sletta: Dibon, Bamot-Baal, Bet-Baal-Meon,

<sup>18</sup>Jahsa, Kedemot, Mefaat,

<sup>19</sup>Kirjatajim, Sibma, Seret-Hasjahar på høgda i dalen,

<sup>20</sup>Bet-Peor, Pisga-liene og Bet-Jesjimot,

<sup>21</sup> og alle dei andre byane på høgsletta, heile det riket som hørde til amorittkongen Sihon, han som styrte i Hesjbon. Moses hadde slege han og midjanittfyrstane Evi, Rekem, Sur, Hur og Reba, vasallfyrstar under Sihon, som hadde sete i landet.

<sup>22</sup> Israelittane drap òg spåmannen Bileam, son til Beor, med sverd, saman med alle dei andre.

<sup>23</sup>Jordan var grensa for området til rubenittane. Dette var egedomen til rubenittane, slekt for slekt, med byar og landsbyar.

<sup>24</sup>Moses gav land til Gad-stammen, altså gadittane, slekt for slekt.

<sup>25</sup>Dei fekk området Jaser, alle byane i Gilead og halvparten av landet til ammonittane heilt til Aroer, som ligg midt imot Rabba,

<sup>26</sup>området frå Hesjbon til Ramat-Hammispe og Betonim og frå Mahanajim til Debir-distriktet,

<sup>27</sup> og i dalen fekk dei Bet-Haram, Bet-Nimra, Sukkot og Safon, det som var att av riket til Sihon, kongen i Hesjbon. Jordan utgjorde grensa, frå enden av Kinneret-sjøen, aust for Jordan.

<sup>28</sup>Det var landet til gadittane, slekt for slekt, med byar og landsbyar.

<sup>29</sup>Moses gav land til halvparten av stammen til Manasse, halve Manasse-stammen, slekt for slekt.

<sup>30</sup> Området deira strekte seg frå Mahanajim og omfatta heile Basan, heile riket som hadde tilhøyrt Og, kongen i Basan, og alle teltbyane i Ja'ir i Basan, seksti byar i alt,

<sup>31</sup>og halve Gilead og Asjtarot og Edre'i, kongsbyane til Og i Basan. Dette fekk etterkomarane til Makir, son til Manasse, halvparten av makirittane, slekt for slekt.

<sup>32</sup>Dette var egedomane Moses fordelte på slettene i Moab, på den andre sida av Jordan, aust for Jeriko.

<sup>33</sup>Men Moses gav ingen egedom til Levi-stammen. Herren, Israels Gud, er deira arv, slik som han hadde sagt dei.

## **Josva 14**

### **Kanaan blir delt ved loddkasting**

<sup>1</sup> Dette er landområda som israelittane fekk til egedom i Kanaans land, og som presten Elasar og Josva, son til Nun, og leiarane for kvar familie blant stammene i Israel tildelte dei.

<sup>2</sup> Ved å kasta lodd fordelte dei området som eigedom til dei ni stammene og den eine halve stammen, slik Herren hadde sagt gjennom Moses.

<sup>3</sup> For Moses hadde gjeve dei to stammene og den halve stammen eigedom på austsida av Jordan. Men levittane gav han ikkje eigedom saman med dei.

<sup>4</sup> Etterkomarane til Josef utgjorde to stammar, Manasse og Efraim. Levittane fekk ingen del av landet. Men dei fekk byar å bu i, med beitemarker for buskapen og feet sitt.

<sup>5</sup> Israelittane gjorde som Herren hadde sagt Moses, og fordelte landet.

### **Kaleb får Hebron**

<sup>6</sup> Då kom etterkomarane av Juda til Josva i Gilgal, og kenasitten Kaleb, son til Jefunne, sa til han: Du veit kva Herren sa til gudsmannen Moses om deg og meg då vi var i Kadesj-Barnea.

<sup>7</sup> Eg var førti år gammal då Moses, Herrens tenar, sende meg frå Kadesj-Barnea for å spionera i landet, og eg gav rapport etter beste skjønn.

<sup>8</sup> Brørne mine som følgde meg dit opp, tok motet frå folket, men eg heldt meg trufast til Herren min Gud.

<sup>9</sup> Den dagen svor Moses: «Sanneleg, det landet du set foten din på, skal høyra deg og borna dine til for alltid fordi du heldt deg trufast til Herren min Gud.»

<sup>10</sup> Sjå, Herren har late meg leva desse førtifem åra slik han lova, heilt frå han gav lovnaden til Moses medan Israel gjekk i ørkenen, og fram til denne dag. Og sjå, no er eg åttifem år gammal.

<sup>11</sup> Eg er framleis like sterk som den dagen Moses sende meg ut. Mi kraft til å kjempa er den same no som då, både til å dra ut og til å koma heim.

<sup>12</sup> Så lat meg no få dette fjellandet som Herren lova meg den dagen. Du hørde då sjølv den gongen at det bur anakittar der, og at dei har store, sikre byar. Kanskje Herren vil vera med meg så eg kan ta landet deira, slik som han lova.

<sup>13</sup> Då velsigna Josva Kaleb, son til Jefunne, og gav han Hebron til eige.



<sup>14</sup>Difor er Hebron i eiga til slekta hans den dag i dag, fordi kenasitten Kaleb, son til Jefunne, heldt seg trufast til Herren, Israels Gud.

<sup>15</sup>Hebron heitte før Kirjat-Arba, etter den største mannen blant anakittane. Og landet fekk kvile frå krigen.

## Josva 15

### Juda-landet

<sup>1</sup>Ved loddkastinga fekk stammen til Juda, slekt for slekt, området fram til grensa til Edom ved Sin-øydemarka lengst i sør.

<sup>2</sup>Grensa i sør går ut frå enden av Saltsjøen, frå den vika som ligg lengst i sør,

<sup>3</sup>og held fram sør for Akrabbim-skardet over til Sin, og vidare oppover sør for Kadesj-Barnea, forbi Hesron opp til Addar. Der svingar ho bortover mot Karka,

<sup>4</sup>går forbi Asmon, når til Egyptarbekken og går ut til havet. Dette skal vera grensa mot sør.

<sup>5</sup>Grensa mot aust er Saltsjøen opp til munningen av Jordan. Grensa mot nord går ut frå den vika av Saltsjøen som Jordan renn ut i,

<sup>6</sup>og går til Bet-Hogla og nord for Bet-Haaraba opp til Bohan-steinen. Bohan var son til Ruben.

<sup>7</sup>Frå Akor-dalen går grensa vidare opp til Debir, svingar nordover til Gilgal, som ligg rett imot Adummim-stigninga sør for elvefaret, og går så til Sjemesj-kjelda og vidare ut til Rogel-kjelda.

<sup>8</sup>Derifrå går grensa opp gjennom Ben-Hinnom-dalen langs sørsida av Jebusitt-høgda, som er Jerusalem, opp til toppen av fjellet som ligg rett vest for Hinnom-dalen, ved nordenden av Refa'im-dalen.

<sup>9</sup>Frå fjelltoppen svingar grensa mot Neftoah-kjelda, held fram til byane ved Efron-berget og går så i ein boge til Baala, som er Kirjat-Jearim.

<sup>10</sup>Frå Baala vender grensa vestover til Se'ir-fjellet, går på nordsida av Jearim-fjellet, som er Kesalon, ned til Bet-Sjemesj og vidare til Timna.

<sup>11</sup>Så går grensa nordover til Ekron-høgda, svingar mot Sjikkeron, går forbi Baala-fjellet til Jabneel og endar ute ved havet.

<sup>12</sup>Grensa mot vest er Storchavet. Dette er grensene rundt området til etterkomarane av Juda, slekt for slekt.

### **Kaleb tek Hebron og Debir**

<sup>13</sup>Josva gav Kaleb, son til Jefunne, ein del av landet som låg midt iblant etterkomarane av Juda, slik Herren hadde sagt Josva. Det var Kirjat-Arba, som var oppkalla etter stamfaren til anakittane, og som no heiter Hebron.

<sup>14</sup>Kaleb tok landet til dei tre anakittane som kom derifrå: Sjesjai, Ahiman og Talmai, etterkomarane av Anak.

<sup>15</sup>Derifrå drog han ut mot innbyggjarane i Debir. Debir heitte før i tida Kirjat-Sefer.

<sup>16</sup>Kaleb sa: «Den som slår Kirjat-Sefer og tek byen, skal få Aksa, dotter mi, til kone.»

<sup>17</sup>Otniel, son til Kenas, bror til Kaleb, tok byen, og Kaleb gav han Aksa, dotter si, til kone.

<sup>18</sup>Då ho kom, overtala ho han til å be far hennar om eit jordstykke. Ho steig av eselet, og Kaleb spurde henne: «Kva vil du?»

<sup>19</sup>Ho svara: «Gjev meg ei gåve! Ettersom du har gjeve meg dette ørkenlandet, må du òg gje meg kjelder med vatn!» Så gav han henne Øvrekjelda og Nedrekjelda.

### **Byane i Juda**

<sup>20</sup>Dette er den egedomen stammen til Juda fekk, slekt for slekt:

<sup>21</sup>byane ytst i området til Juda-stammen ved grensa mot Edom i sør; Kabseel, Eder, Jagur,

<sup>22</sup>Kina, Dimona, Adada,

<sup>23</sup>Kadesj, Hasor, Jitnan,

<sup>24</sup>Sif, Telem, Bealot,

- <sup>25</sup>Hasor-Hadatta, Kerijot-Hesron, som no heiter Hasor,
- <sup>26</sup>Amam, Sjema, Molada,
- <sup>27</sup>Hasar-Gadda, Hesjmon, Bet-Pelet,
- <sup>28</sup>Hasar-Sjuaal, Beer-Sjeba og byane deira,
- <sup>29</sup>Baala, Ijjim, Esem,
- <sup>30</sup>Eltolad, Kesil, Horma,
- <sup>31</sup>Siklag, Madmanna, Sansanna,
- <sup>32</sup>Lebaot, Sjihim, Ajin og Rimmon, i alt tjueni byar med landsbyar.
- <sup>33</sup>I låglandet: Esjtaol, Sora, Asjna,
- <sup>34</sup>Sanoah, En-Gannim, Tappuah, Ha'enam,
- <sup>35</sup>Jarmut, Adullam, Soko og Aseka,
- <sup>36</sup>Sjaarajim, Aditajim, Haggedera og Gederotajim, fjorten byar med landsbyar.
- <sup>37</sup>Senan, Hadasja og Migdal-Gad,
- <sup>38</sup>Dilan, Misper og Jokteel,
- <sup>39</sup>Lakisj, Boskat og Eglon,
- <sup>40</sup>Kabbon, Lahmas og Kitlisj,
- <sup>41</sup>Gederot, Bet-Dagon, Naama og Makkeda, seksten byar med landsbyar.
- <sup>42</sup>Libna, Eter og Asjan,
- <sup>43</sup>Jiftah, Asjna og Nesib,
- <sup>44</sup>Ke'ila, Aksib og Maresja, ni byar med landsbyar.
- <sup>45</sup>Ekron med byar og landsbyar,
- <sup>46</sup>alle byane og landsbyane frå Ekron og vestover mot Asjdod,
- <sup>47</sup> og så Asjdod og Gaza med byar og landsbyar, heilt til Egyptarbakken og Storhavet, som er grensa der.

- <sup>48</sup>I fjellandet: Sjamir, Jattir og Soko,  
<sup>49</sup>Danna og Kirjat-Sanna, som no heiter Debir,  
<sup>50</sup>Anab, Esjtemo, Anim,  
<sup>51</sup>Gosen, Holon og Gilo, elleve byar med landsbyar.  
<sup>52</sup>Arab, Duma og Esjan,  
<sup>53</sup>Janim, Bet-Tappuah og Afeka,  
<sup>54</sup>Humta, Kirjat-Arba, det er Hebron, og Sior; ni byar med landsbyar.  
<sup>55</sup>Maon, Karmel, Sif, Jutta,  
<sup>56</sup>Jisreel, Jokdeam og Sanoah,  
<sup>57</sup>Kajin, Gibeia og Timna, ti byar med landsbyar.  
<sup>58</sup>Halhul, Bet-Sur og Gedor,  
<sup>59</sup>Maarat, Bet-Anot og Eltekon, seks byar med landsbyar.  
<sup>60</sup>Kirjat-Baal, som er Kirjat-Jearim, og Rabba, to byar med landsbyar.  
<sup>61</sup>I ørkenen: Bet-Haaraba, Middin og Sekaka,  
<sup>62</sup>Hannibsjan, Ir-Hammelah og En-Gedi, seks byar med landsbyar.  
<sup>63</sup> Men Juda-stammen makta ikkje å ta landet til jebusittane, som budde i Jerusalem. Det bur jebusittar blant etterkomarane av Juda i Jerusalem den dag i dag.

## Josva 16

### Efraims land

- <sup>1</sup> Området til Josef-stammen strekte seg frå Jordan ved Jeriko, aust for Jerikokjelda, gjennom ørkenen som stig opp frå Jeriko, til fjellet ved Betel.  
<sup>2</sup> Frå Betel gjekk grensa til Lus og vidare gjennom området til arkittane, til Atarot.  
<sup>3</sup> Der tok ho vestover ned til området til jafletittane, heldt fram til Nedre Bet-Horon og Geser og enda utmed havet.

<sup>4</sup>Slik fekk sønene til Josef, Manasse og Efraim, sine eigedomar.

<sup>5</sup>Dette var området til Efraim-stammen, slekt for slekt: Grensa for landområdet deira i aust låg ved Atrot-Addar fram til øvre Bet-Horon,

<sup>6</sup>og gjekk derifrå ut til havet. I nord gjekk grensa ved Mikmetat. Så svinga ho austover til Taanat-Sjilo og heldt fram mot aust til Janoah.

<sup>7</sup>Frå Janoah gjekk ho ned til Atarot og Naara og like forbi Jeriko til Jordan.

<sup>8</sup>Frå Tappuah gjekk grensa vestover til Kana-bekken og enda utmed havet. Dette var den delen av landet som Efraim-stammen fekk, slekt for slekt.

<sup>9</sup>I tillegg kom alle byane og landsbyane der omkring som vart skilde ut for dei inne på landområdet til Manasse-stammen.

<sup>10</sup>Men dei tok ikkje landet frå kanaanearane som budde i Geser. Det bur kanaanearar i Efraim den dag i dag, men dei må gjera tvangsarbeid.

## Josva 17

### Manasses land

<sup>1</sup>Ved loddkasting fekk stammen til Manasse tildelt land, for han var den eldste sonen til Josef. Makir, eldste sonen til Manasse, far til Gilead, var ein stor krigar. Han fekk Gilead og Basan.

<sup>2</sup>Resten av etterkomarane av Manasse, sønene til Abieser, Helek, Asriel, Sikem, Hefer og Sjemida, fekk sine område, slekt for slekt. Dette var dei mannlege etterkomarane av Manasse, son til Josef, og slektene deira.

<sup>3</sup>Selofhad, son til Hefer, son til Gilead, son til Makir, son til Manasse, hadde ingen søner, berre døtrer. Døtrene hans heitte Mahla, Noa, Hogla, Milka og Tirsa.

<sup>4</sup>Dei steig fram for presten Elasar og for Josva, son til Nun, og hovdingane og sa: «Herren sa til Moses at han skulle gje oss eigedom saman med brørne våre.» Og dei fekk land saman med farbrørne sine, som Herren hadde sagt.

<sup>5</sup>Såleis fall det ti partar på Manasse, forutan Gilead og Basan austafor Jordan.

<sup>6</sup>For døtrene til Manasse fekk sin del saman med sønene hans; den andre halvparten av Manasse-stammen hadde fått Gilead.

<sup>7</sup>Grensa for landområdet til Manasse strekte seg frå Asjer til Mikmetat, midt imot Sikem. Derifrå gjekk grensa sørover til Jasjub ved Tappuah-kjelda.

<sup>8</sup>Manasse fekk landet omkring Tappuah, men sjølv Tappuah, ved grensa til Manasses landområde, tilkom Efraim-stammen.

<sup>9</sup>Så gjekk grensa ned til Kana-bekken, på sørsida av elvefaret. Efraim fekk byane her, som låg midt iblant byane til Manasse. Grensa for landområdet til Manasse gjekk nord for elvefaret og enda utmed havet.

<sup>10</sup>Efraim fekk det som var sønnafor, og Manasse det som var nordafor, og begge hadde havet til grense. I nord støyte dei mot Asjer og i aust mot Jissakar.

<sup>11</sup>I landet til Jissakar og Asjer fekk Manasse Bet-Sjean med landsbyane som hørde til, Jibleam med landsbyar, dessutan innbyggjarane i Dor med landsbyar, i En-Dor med landsbyar, i Taanak med landsbyar og i Megiddo med landsbyar, alle dei tre høgdedraga.

<sup>12</sup>Men etterkomarane av Manasse greidde ikkje å ta desse byane. Kanaanearane klarte å bli buande i denne delen av landet.

<sup>13</sup>Då israelittane vart sterkare, tvinga dei kanaanearane til å arbeida for seg i staden for å driva dei ut.

### **Josefs hus får skoglandet**

<sup>14</sup>Josefs etterkomarar sa til Josva: «Kvifor har du gjeve oss berre éin lott og éin del til eigedom? Vi er då eit talrikt folk, for til denne tid har Herrenvelsigna oss.»

<sup>15</sup>Josva sa til dei: «Er de eit så talrikt folk, så gå opp i skogtraktene og rydd dykk jord der, i landet til perisittane og refaittane, sidan Efraims fjelland er for trangt for dykk.»

<sup>16</sup> Dei svara: «Fjellandet er ikkje stort nok for oss, og alle kanaanearane nede i dalbygdene har stridsvogner av jern, både dei som bur i Bet-Sjean og i småbyane omkring, og dei som bur på Jisreel-sletta.»

<sup>17</sup>Då sa Josva til Josefs hus, til Efraim og Manasse: «Du er eit stort og sterkt folk. Du skal ikkje berre ha éin del,

<sup>18</sup>eit heilt fjellområde skal du få. Det er skog der, men den skal du hogga. Då blir det ditt, både fjell og dal, og du skal ta landet frå kanaanearane, sjølv om dei har jernvogner, og sjølv om dei er sterke.»

## Josva 18

### Loddkasting i Sjilo

<sup>1</sup> Heile Israels forsamling samla seg i Sjilo og sette opp teltheilagdomen der. For no hadde dei lagt landet omkring under seg.

<sup>2</sup> Men sju av stammene til israelittane hadde enno ikkje fått sin del av arven.

<sup>3</sup> Då sa Josva til israelittane: «Kor lenge vil de venta før de går og hærtek det landet som Herren, dykkar fedrars Gud, har gjeve dykk?

<sup>4</sup> Vel ut tre mann frå kvar stamme som eg kan senda ut. Dei skal gjera seg klare og dra omkring i landet og skriva opp eigedomane kvar stamme skal arva, og så koma tilbake til meg.

<sup>5</sup> Del landet i sju delar. Juda skal bli buande på sitt område i sør, og Josefs ætt på sitt område i nord.

<sup>6</sup> Skriv opp det de finn ut om dei sju landsdelane og gjev det til meg, så skal eg kasta lodd for dykk her, framfor Herren vår Guds andlet.

<sup>7</sup> Levittane skal ikkje ha nokon del saman med dykk, for prestetenesta for Herren er deira arv. Gad og Ruben og halvparten av stammen til Manasse har alt fått sitt land på den andre sida av Jordan, mot aust, det som Moses, Herrens tenar, gav dei.»

<sup>8</sup> Mennene som skulle gå og skriva ned det dei fann ut om landet, gjorde seg klare til å dra, og Josva sa til dei: «Gå omkring i landet og skriv opp alt de

ser! Kom så tilbake til meg, så skal eg kasta lodd for dykk, framfor Herren vår Gud, her i Sjilo.»

<sup>9</sup>Mennene gjekk av stad og drog gjennom heile landet. På ein bokrull skreiv dei opp det dei fann ut om byane i dei sju landsdelane. Så gjekk dei tilbake til Josva i leiren ved Sjilo.

<sup>10</sup>Og Josva kasta lodd for dei der, framfor Herrens andlet. Der delte Josva landet mellom israellittane, kvar stamme fekk sin del.

### **Benjamins land**

<sup>11</sup>Det første loddet fall på Benjamin-stammen, slekt for slekt. Dei fekk området mellom stammene til Juda og Josef.

<sup>12</sup>Grensa deira mot nord gjekk ut frå Jordan og oppover høgdedraget nord for Jeriko og vidare vestover fjellet fram til ørkenen ved Bet-Aven.

<sup>13</sup>Derifrå gjekk grensa sørover mot Lus, til høgdedraget ved Lus, det vil seia Betel, og så ned til Atrot-Addar, til fjellet sør for Nedre Bet-Horon.

<sup>14</sup>Så svinga grensa og gjekk sørover i ein boge på vestsida av fjellet sør for Bet-Horon, til ho enda i Kirjat-Baal, det vil seia Kirjat-Jearim, ein by som hørde Juda til. Dette var vestgrensa.

<sup>15</sup>Grensa mot sør gjekk frå utkanten av Kirjat-Jearim. Ho gjekk vestover til Neftoah-kjelda,

<sup>16</sup> og gjekk så ned til foten av det fjellet som ligg midt imot Ben-Hinnom-dalen, nord for Refa'im-dalen. Derifrå gjekk ho gjennom Hinnom-dalen på sørsida av Jebusitt-høgda ned til Rogel-kjelda.

<sup>17</sup> Der svinga grensa mot nord, gjekk fram til Sjemesj-kjelda og Gelilot, som ligg midt imot Adummim-høgda, og så ned mot steinen til Bohan, son til Ruben.

<sup>18</sup>Så gjekk ho nordover til høgdedraget ovanfor Araba-sletta og ned i dalen.

<sup>19</sup>Der heldt grensa fram til høgda ved Bet-Hogla og enda i den nordlegaste vika av Saltsjøen, ved munningen av Jordan. Dette var grensa mot sør.



<sup>20</sup>Jordan var grensa mot aust. Dette var egedomen til Benjamin-stammen, slekt for slekt, og grensene omkring han.

<sup>21</sup>Byane som Benjamin-stammen fekk, slekt for slekt, var Jeriko, Bet-Hogla og Emek-Kesis,

<sup>22</sup>Bet-Haaraba, Semarajim og Betel,

<sup>23</sup>Haavvim, Happara og Ofra,

<sup>24</sup>Kefar-Haammoni, Haofni og Geba, tolv byar og landsbyane omkring.

<sup>25</sup>Vidare: Gibeon, Rama og Beerot,

<sup>26</sup>Mispe, Kefira og Mosa,

<sup>27</sup>Rekem, Jirpeel og Tarala,

<sup>28</sup>Sela, Ha'elef og Jebus, det er Jerusalem, Gibeon og Kirjat-Jearim, fjorten byar og landsbyane omkring. Dette var egedomen til Benjamins etterkomarar, slekt for slekt.

## Josva 19

### Simons land

<sup>1</sup>Det andre loddet fall på Simon, på Simon-stammen, slekt for slekt. Landet dei fekk, låg inne på området til Juda-stammen.

<sup>2</sup>Desse byane vart deira: Beer-Sjeba, Sjema og Molada,

<sup>3</sup>Hasar-Sjua, Bala og Esem,

<sup>4</sup>Eltolad, Betul og Horma,

<sup>5</sup>Siklag, Bet-Hammarkabot og Hasar-Susa,

<sup>6</sup>Bet-Lebaot og Sjaruhen, tretten byar med landsbyar,

<sup>7</sup>dessutan Ajin, Rimmon, Eter og Asjan, fire byar med landsbyar,

<sup>8</sup>og alle landsbyane omkring desse byane, heilt til Baalat-Ber, Rama i Negev. Dette var det landet Simon-stammen fekk, slekt for slekt.

<sup>9</sup>Landet deira var ein del av Juda. Den delen som fall på etterkomarane av Juda, var for stor for dei. Difor fekk etterkomarane av Simon sin arv inne i deira område.

### **Sebulons land**

<sup>10</sup> Det tredje loddet fall på Sebulon-stammen, slekt for slekt. Landet dei fekk, nådde heilt til Sarid.

<sup>11</sup>Grensa gjekk vestover opp til Marala, vidare like forbi Dabbesjet og nådde fram til elvefaret ved Jokneam.

<sup>12</sup>Frå Sarid svinga ho austover, mot soloppgangen, mot området til Kislot-Tabor, og gjekk til Daberat og opp til Jafia.

<sup>13</sup>Derifrå tok ho austover til Gittat-Hefer og Itta-Kasin, vidare til Rimmon og gjekk så bort til Hannea.

<sup>14</sup>Så svinga grensa nordover til Hannaton og nådde fram til Jiftah-El-dalen,

<sup>15</sup>vidare Kattat, Nahalal, Sjimron, Jidala og Betlehem, i alt tolv byar med landsbyar.

<sup>16</sup>Dette var eigedomen til Sebulons etterkomarar, slekt for slekt, med byar og landsbyar.

### **Jissakars land**

<sup>17</sup> Det fjerde loddet fall på Jissakar, på Jissakar-stammen, slekt for slekt.

<sup>18</sup>Området deira omfatta Jisreel, Hakkesulot, Sjunem,

<sup>19</sup>Hafarajim, Sjion og Anaharat,

<sup>20</sup>Harabbit, Kisjon og Ebes,

<sup>21</sup>Remet, En-Gannim, En-Hadda og Bet-Passes.

<sup>22</sup>Grensa gjekk fram til Tabor, Sjahasima og Bet-Sjemesj og enda ved Jordan, seksten byar med landsbyar.

<sup>23</sup>Dette var den eigedomen Jissakar-stammen fekk, slekt for slekt, med byar og landsbyar.

### Asjers land

- <sup>24</sup> Det femte loddet fall på Asjer-stammen, slekt for slekt.
- <sup>25</sup> Området deira omfatta Helkat, Hali, Beten, Aksjaf,
- <sup>26</sup> Alammelek, Amad og Misjal. Grensa i vest gjekk fram til Karmel og Sjihor-Libnat.
- <sup>27</sup> Der svinga ho austover til Bet-Dagon, fram til Sebulon og Jiftah-El-dalen mot nord, til Bet-Ha'emek og Ne'iel og vidare nordover til Kabul,
- <sup>28</sup> Ebron, Rehob, Hammon og Kana, og heilt til det store Sidon.
- <sup>29</sup> Ved Rama svinga grensa og gjekk vidare til festningsbyen Tyros, svinga ved Hosa og nådde fram til havet; i tillegg Mehalleb, Aksib,
- <sup>30</sup> Umma, Afek og Rehob, i alt tjueto byar med landsbyar.
- <sup>31</sup> Dette var eigedomen til Asjer-stammen, slekt for slekt, med byar og landsbyar.

### Naftalis land

- <sup>32</sup> Det sjette loddet fall på Naftali, på Naftali-stammen, slekt for slekt.
- <sup>33</sup> Området deira strekte seg frå Helef, frå Elon ved Saananim, forbi Adami-Hannekeb og Jabneel til Lakkum og heilt fram til Jordan.
- <sup>34</sup> Der svinga grensa mot vest til Asnot-Tabor og gjekk derifrå til Hukkok. I sør grensa landet til Sebulon, i vest til Asjer og i aust til Jordan.
- <sup>35</sup> Festningsbyane var Hassiddim, Ser, Hammat, Rakkat, Kinneret,
- <sup>36</sup> Adama, Rama og Hasor,
- <sup>37</sup> Kedesj, Edre'i og En-Hasor,
- <sup>38</sup> Jiron, Migdal-El, Horem, Bet-Anat og Bet-Sjemesj, i alt nitten byar med landsbyar.
- <sup>39</sup> Dette var landet Naftali-stammen fekk i eige, med byar og landsbyar.

### Dans land

- <sup>40</sup> Det sjuande loddet fall på Dan, på Dan-stammen, slekt for slekt.

<sup>41</sup>I landet deira låg Sora, Esjtaol, Ir-Sjemesj,

<sup>42</sup>Sjaalabbin, Ajjalon og Jitla,

<sup>43</sup>Elon, Timna og Ekron,

<sup>44</sup>Elteke, Gibbeton og Baalat,

<sup>45</sup>Jehud, Bene-Berak og Gat-Rimmon,

<sup>46</sup>Me-Hajjarkon, Harakkon og området bort imot Jaffa.

<sup>47</sup> Men området til Dans etterkomarar vart teke frå dei. Difor drog dei opp til Lesjem, gjekk til åtak på byen og tok han. Dei hogg ned innbyggjarane med sverd, la byen under seg og busette seg der. Og dei kalla Lesjem for Dan, etter Dan, stamfar sin.

<sup>48</sup> Dette var eigedomen til Dan-stammen, slekt for slekt, med byar og landsbyar.

### **Josvas land**

<sup>49</sup> Då israelittane hadde fordelt arven, område for område, gav dei Josva, son til Nun, ein eigedom midt iblant seg.

<sup>50</sup> Som Herren hadde sagt, gav dei han den byen han bad om: Timnat-Serah i fjellområdet som hørde Efraim til. Han bygde byen opp att og busette seg der.

<sup>51</sup> Dette var eigedomane som presten Elasar, Josva, son til Nun, og leiarane for familiane fordelte ved loddkasting til stammane i Israel i Sjilo, for Herrens andlet, ved inngangen til teltheilagdomen. Så avslutta dei fordelinga av landet.

## **Josva 20**

### **Fribyane**

<sup>1</sup> Herren sa til Josva:

<sup>2</sup> Sei til israelittane at dei skal velja seg fribyar slik eg baud dei gjennom Moses.

<sup>3</sup> Dit kan ein drapsmann rømme når han av vanvare og aktlaust slår nokon i hel. Der kan de søkja tilflukt frå blodhemningar.

<sup>4</sup> Den som rømmer til ein av desse byane, skal stilla seg ved inngangen til byporten og leggja saka si fram for dei eldste i byen. Dei skal sleppa han inn i byen og gje han ein bustad hos dei.

<sup>5</sup> Dersom blodhemnaren forfølgjer drapsmannen, skal dei ikkje utlevera han, for utan å vilja det har han slege nesten sin i hel; han bar ikkje hat til han frå før.

<sup>6</sup> Han skal få bu der i byen til han blir stilt for domstolen i forsamlinga. Når han som er øvsteprest på den tida, dør, kan drapsmannen dra heim att til sin eigen by og sitt eige hus, til byen han rømde frå.

<sup>7</sup> Dei skilde då ut desse byane og helga dei: Kedesj i Galilea i Naftali-fjella, Sikem i Efraim-fjella og Kirjat-Arba, som no heiter Hebron, i Juda-fjella.

<sup>8</sup> På den andre sida av Jordan, aust for Jeriko, valde dei frå Ruben-stammen Beser i ørkenen på høgsletta; frå Gad-stammen Ramot i Gilead og frå Manasse-stammen Golan i Basan.

<sup>9</sup> Dette er dei byane som vart utpeika for alle israelittane og for innflyttarane som heldt til iblant dei. Kvar den som av vanvare hadde slege nokon i hel, kunne rømme dit. Han skulle ikkje døy for blodhemnaren si hand utan å vera stilt for domstolen i forsamlinga.

## Josva 21

### Levittbyane

<sup>1</sup> Leiarane for kvar familie blant levittane kom til presten Elasar, til Josva, son til Nun, og til leiarane for familiane i dei andre israelittiske stammene

<sup>2</sup> og tala til dei i Sjilo i Kanaan. Dei sa: «Herren har gjennom Moses sagt at vi skulle få byar å bu i, med beitemarker omkring for feet vårt.»

<sup>3</sup> Då gav israelittane av sin eigedom desse byane til levittane, med beitemarker omkring, slik Herren hadde sagt:

<sup>4</sup>Først fall loddet på Kehat-slektene. Ved loddkasting fekk etterkomarane blant levittane etter presten Aron tretten byar frå stammane til Juda, Simon og Benjamin.

<sup>5</sup>Dei andre Kehat-slektene fekk ved loddkasting ti byar frå slektene i stammane til Efraim og Dan og halvparten av stammen til Manasse.

<sup>6</sup>Etterkomarane av Gersjon fekk ved loddkasting tretten byar frå slektene i stammane til Jissakar, Asjer og Naftali og frå den halvparten av stammen til Manasse som budde i Basan.

<sup>7</sup>Etterkomarane av Merari, slekt for slekt, fekk tolv byar frå stammane til Ruben, Gad og Sebulon.

<sup>8</sup>Desse byane med beitemarker gav israelittane til levittane ved loddkasting, slik Herren hadde sagt gjennom Moses.

<sup>9</sup>Dei byane som no skal nemnast, er byane som vart gjevne frå stammane til Juda og Simon.

<sup>10</sup> Dei vart gjevne til aronittane, som høyrde til Kehats slekt og stamma frå Levi, for loddet fall først på dei.

<sup>11</sup>Dei fekk Kirjat-Arba, det er Hebron i fjellandet til Juda, med beitemarker som høyrde til. Arba var stamfar til anakittane.

<sup>12</sup> Men åkerjorda og landsbyane som høyrde byen til, gav dei Kaleb, son til Jefunne, som hans eigedom.

<sup>13</sup> Etterkomarane av Aron, prestane, fekk desse byane: Hebron, fribyen for drapsmenn, med beitemarker, og Libna med beitemarker,

<sup>14</sup>Jattir og Esjtemoa med beitemarker,

<sup>15</sup>Holon og Debir med beitemarker,

<sup>16</sup>Ajin, Jutta og Bet-Sjemesj med beitemarker, i alt ni byar frå desse to stammane.

<sup>17</sup>Frå Benjamin-stammen fekk dei Gibeon og Geba med beitemarker,

- <sup>18</sup>Anatot og Almon med beitemarker, i alt fire byar.
- <sup>19</sup>Til saman fekk etterkomarane av Aron, prestane, tretten byar med beitemarkene som høyrde til.
- <sup>20</sup> Levittane frå dei andre Kehat-slektene fekk ved loddkasting byar frå Efraim-stammen.
- <sup>21</sup>Dei fekk Sikem i fjellandet til Efraim, som var friby for drapsmenn, med beitemarker som høyrde til, og Geser med beitemarker,
- <sup>22</sup>Kibsajim og Bet-Horon med beitemarker, i alt fire byar.
- <sup>23</sup>Frå Dan-stammen fekk dei Elteke og Gibbeton med beitemarker,
- <sup>24</sup>Ajjalon og Gat-Rimmon med beitemarker, i alt fire byar.
- <sup>25</sup>Frå halvparten av stammen til Manasse fekk dei Taanak og Jibleam med beitemarker, i alt to byar.
- <sup>26</sup>Til saman fekk etterkomarane av Kehat ti byar med beitemarker som høyrde til.
- <sup>27</sup>Dei levittslektene som stamma frå Gersjon, fekk frå halvparten av stammen til Manasse Golan i Basan, som var friby for drapsmenn, og Beesjtera, to byar med beitemarker.
- <sup>28</sup>Frå Jissakar-stammen fekk dei Kisjon og Daberat med beitemarker,
- <sup>29</sup>Jarmut og En-Gannim med beitemarker, i alt fire byar.
- <sup>30</sup>Frå Asjer-stammen fekk dei Misjal og Abdon med beitemarker,
- <sup>31</sup>Helkat og Rehob med beitemarker, i alt fire byar.
- <sup>32</sup>Frå Naftali-stammen fekk dei Kedesj i Galilea, som var friby for drapsmenn, og Hammat-Dor og Kartan med beitemarker, altså tre byar.
- <sup>33</sup>I alt fekk etterkomarane av Gersjon tretten byar med beitemarker omkring.
- <sup>34</sup>Resten av levittane, som stamma frå Merari, fekk desse byane: frå Sebulon-stammen Jokneam og Karta med beitemarker,
- <sup>35</sup>Dimna og Nahalal med beitemarker, i alt fire byar;

- <sup>36</sup>frå Ruben-stammen Beser og Jahsa med beitemarker,
- <sup>37</sup>Kedemot og Mefaat med beitemarker, i alt fire byar;
- <sup>38</sup>frå Gad-stammen Ramot i Gilead, som var friby for drapsmenn, med beitemarker, og Mahanajim med beitemarker,
- <sup>39</sup>Hesjbon og Jaser med beitemarker, i alt fire byar.
- <sup>40</sup>I alt fekk slektene til Merari, som utgjorde resten av levittane, tolv byar ved loddkasting.
- <sup>41</sup> Alle levittbyane låg innanfor egedomen til israelittane, i alt førtiåtte byar med beitemarker.
- <sup>42</sup>Kvar av desse byane hadde beitemarker som hørde til. Slik var det med dei alle.
- <sup>43</sup> Slik gav Herren Israel heile det landet som han med eid hadde lova å gje fedrane deira. Dei tok landet i eige og busette seg der.
- <sup>44</sup>Herren lét dei finna kvile og ha fred på alle kantar, slik han hadde lova fedrane. Ingen fiende kunne stå seg mot dei, for Herren gav alle fiendar i deira hender.
- <sup>45</sup> Alle lovnader som Herren gav til Israels hus, vart oppfylte. Alt gjekk slik til som han hadde lova.

## Josva 22

### Heim til Austjordanlandet

- <sup>1</sup>Då kalla Josva til seg rubenittane, gadittane og halvparten av stammen til Manasse
- <sup>2</sup> og sa til dei: «De har gjort alt det som Moses, Herrenstenar, baud dykk, og de har lydd meg i eitt og alt.
- <sup>3</sup>Gjennom heile denne lange tida har de ikkje svikta brørne dykkar, men har til denne dag halde dykk til dei boda som Herren dykkar Gud gav dykk.



<sup>4</sup>No har Herrendykkar Gud late brørne dykkar få kvile, slik han lova dei. Dra difor heim til landet de eig, som Moses, Herrens tenar, gav dykk på den andre sida av Jordan.

<sup>5</sup>Men følg nøye og trufast bodet og lova som Moses, Herrenstenar, baud dykk: at de skal elska Herren dykkar Gud og alltid gå på hans vegar, så de held boda hans, held dykk til han og tener han av heile dykkar hjarte og heile dykkar sjel.»

<sup>6</sup>Så velsigna Josva dei og sende dei av garde, og dei drog heim til telta sine.

<sup>7</sup>Til den eine halvparten av stammen til Manasse hadde Moses gjeve land i Basan, og av Josva hadde den andre halvparten fått land på vestsida av Jordan, saman med brørne sine. Då Josva sende dei heim til telta, velsigna han dei

<sup>8</sup>og sa til dei: «No fer de heim att med store rikdomar, med mykje fe, med sølv og gull, kopar og jern og ei mengd med klede. Del no med landsmennene dykkar det hærfanget de har teke frå fienden.»

<sup>9</sup>Rubenittane, gadittane og halvparten av Manasse-stammen vende så heim. Dei lét israelittane vera att i Sjilo i Kanaan og drog til sitt eige land, til Gilead, som hørde dei til ved det ordet Herren hadde tala gjennom Moses.

### **Altaret ved Jordan**

<sup>10</sup>Då rubenittane, gadittane og halvparten av Manasse-stammen kom til Gelilot ved Jordan, i Kanaan, bygde dei eit altar der ved Jordan, eit stort altar.

<sup>11</sup>Men israelittane fekk høyra at rubenittane, gadittane og halvparten av Manasse-stammen hadde bygd altaret i Gelilot ved Jordan, rett imot Kanaan, som var området til israelittane.

<sup>12</sup>Med ein gong israelittane hørde dette, kom heile Israels forsamling saman i Sjilo for å gå til krig mot dei.

<sup>13</sup>Men først sende israelittane Pinhas, son til presten Elasar, til rubenittane, gadittane og halvparten av Manasse-stammen, i Gilead.

<sup>14</sup>Saman med han sende dei ti leiarar, ein leiar for kvar stamme i Israel. Kvar av dei var den øvste leiaren for sin familie blant Israels mange tusen.

<sup>15</sup>Dei kom til rubenittane, gadittane og halvparten av Manasse-stammen i Gilead og tala til dei. Dei sa:

<sup>16</sup>Så seier heile Herrens forsamling: Kva er dette for truløyse mot Israels Gud? De vender dykk i dag bort frå Herren ved å byggja eit altar; de set dykk opp mot Herren.

<sup>17</sup>Var det ikkje nok med den synda vi gjorde oss skuldige i ved Bet-Peor? Det har vi enno ikkje reinsa oss for, og det har ført ulukke over Herrens forsamling.

<sup>18</sup>Og no vil de likevel venda dykk bort frå Herren! Dersom de set dykk opp mot Herren i dag, vil han i morgon visa sin harme mot heile Israels forsamling.

<sup>19</sup>Dersom landet de har teke til eigedom, er ureint, så kom over til Herrens eige land, der Herrens bustad står, og ta dykk bustad iblant oss! Men gjer ikkje opprør mot Herren og mot oss ved å byggja dykk eit eige altar i tillegg til altaret for Herren vår Gud.

<sup>20</sup>Vart ikkje heile Israels forsamling ramma av Herrens harme den gongen Akan, son til Serah, fór med svik og tok av det som var bannlyst? Og han var ikkje den einaste som måtte døye for den ugjerninga han hadde gjort.

<sup>21</sup>Då tok rubenittane, gadittane og halvparten av Manasse-stammen til orde og sa til hovdingane for Israels tusen:

<sup>22</sup>Gud over gudane, Herren, Gud over gudane, Herren, han veit det, og Israel skal vita det: Måtte Herren la vera å hjelpa oss i dag om vi i opprør og truløyse mot han

<sup>23</sup>hadde bygd oss eit altar for slik å venda oss bort frå Herren! Måtte Herren sjølv straffa oss om det var for å ofra brennoffer eller grødeoffer eller for å bera fram fredsoffer på det. Var det slik, då må Herren straffa oss for det!

<sup>24</sup>Nei, vi har gjort det fordi vi kjende uro for at sønene dykkar i framtida ville seia til sønene våre: Kva har de med Herren, Israels Gud, å gjera?

<sup>25</sup>Har ikkje Herren sett Jordan til grense mellom oss og dykk rubenittar og gadittar. De har ingen del i Herren. Slik kunne borna dykkar få våre born til å halda opp med å frykta Herren.

<sup>26</sup>Difor sa vi: Lat oss gå i gang og byggja eit altar, ikkje til brennoffer og ikkje til slaktoffer,

<sup>27</sup>men som eit vitne mellom oss og dykk og dei slektene som kjem etter oss, om at vi vil gjera teneste for Herren med brennoffera, slaktoffera og fredsoffera våre. Så skal ikkje sønene dykkar i morgon seia til våre søner at dei ikkje har del i Herren.

<sup>28</sup>Dersom de i morgon skulle seia noko slikt til oss eller etterkomarane våre, då vil vi i sanning kunna svara: Sjå på den etterlikninga av Herrens altar som forfedrane våre har laga, ikkje til brennoffer og slaktoffer, men som eit vitne mellom oss og dykk.

<sup>29</sup>Gud forby at vi skulle gjera opprør mot Herren og venda oss bort frå han i dag ved å byggja eit altar til brennoffer, grødeoffer og slaktoffer i tillegg til det altaret for Herren vår Gud som står framfor bustaden hans.

<sup>30</sup>Då presten Pinhas og leiarane i forsamlinga og hovdingane for Israels tusen som var med han, hørde kva etterkomarane av Ruben, Gad og Manasse sa, syntest dei godt om det.

<sup>31</sup>Og Pinhas, son til presten Elasar, sa til dei: «No skjønar vi at Herren er midt iblant oss, sidan de ikkje har sett dykk opp mot han med dette. Dermed har de berga israelittane frå Herrenshand.»

<sup>32</sup>Så skildest presten Pinhas, son til Elasar, og dei andre leiarane frå rubenittane og gadittane og drog heim frå Gilead til Kanaan og fortalde israelittane kva dei hadde høyrte.

<sup>33</sup>Israelittane syntest godt om svaret. Dei lova Gud og tenkte ikkje meir på å gå til strid mot rubenittane og gadittane for å øydeleggja landet dei budde i.

<sup>34</sup> Rubenittane og gadittane kalla altaret «Vitne», for dei sa: «Det skal vera eit vitne for oss om at Herren er Gud.»

## Josva 23

### Josva talar til folket

<sup>1</sup> Lenge etter, då Herren hadde late Israel finna kvile og få fred for fiendane omkring seg, på den tida Josva var gammal og langt oppi åra,

<sup>2</sup> hende det at Josva kalla heile Israel saman, dei eldste, hovdingane, dommarane og tilsynsmennene, og sa til dei: Eg er gammal og langt oppi åra.

<sup>3</sup> De har sjølve vore vitne til alt det Herren dykkar Gud har gjort mot desse folkeslaga for dykkar skuld. For Herren dykkar Gud har sjølv kjempa for dykk.

<sup>4</sup> Sjå, eg har late stammane dykkar arva landet til dei folkeslaga som er att, og landet til alle folka som eg har utrydda, frå Jordan til Storhavet, der sola går ned.

<sup>5</sup> Herrendykkar Gud vil sjølv driva folkeslaga ut føre dykk og ta landet frå dei, så de kan ta landet deira i eige, slik Herren dykkar Gud har lova dykk.

<sup>6</sup> Lat dykk aldri rokka! Hald alt som står skrive i lovboka til Moses, og gjer etter det. Vik ikkje, korkje til høgre eller venstre!

<sup>7</sup> Gjev dykk ikkje i lag med desse folka som enno er att hos dykk. Ta ikkje namnet til gudane deira på tunga! Sver ikkje ved dei, dyrk dei ikkje og bøy dykk ikkje og tilbed dei!

<sup>8</sup> Men hald fast ved Herren dykkar Gud, som de har gjort til denne dag.

<sup>9</sup> For dykkar skuld har Herren teke land frå store og mektige folkeslag, men mot dykk har ingen til denne dag kunna stå seg.

<sup>10</sup> Ein einaste av dykk kunne jaga tusen på flukt. For Herrendykkar Gud stridde sjølv for dykk, som han hadde lova dykk.

<sup>11</sup> Ta dykk no vel i vare, så de elsker Herren dykkar Gud.

<sup>12</sup> For dersom de verkeleg skulle halda dykk til desse folkeslaga som er att hos dykk, knyta slektsband og blanda dykk med dei, og dei med dykk,

<sup>13</sup>då skal de kjenna at Herren dykkar Gud ikkje lenger vil driva ut desse folkeslaga for dykkar skuld. Dei skal bli ei snare og ei felle for dykk, ein pisk over ryggen og tornar i auga, heilt til de blir utrydda frå dette gode landet som Herren dykkar Gud har gjeve dykk.

<sup>14</sup> Sjå, eg skal gå den vegen som alt her på jorda må gå. Men de skal få røyna av heile dykkar hjarte og heile dykkar sjel at ingen av lovnadene som Herren gav dykk, slo feil. Alt har vorte oppfylt, ikkje eit ord slo feil.

<sup>15</sup> Men liksom de har fått alt det gode Herren dykkar Gud lova dykk, skal Herren òg la alt det vonde han varsla, koma over dykk, heilt til han får utrydda dykk frå det gode landet som han gav dykk.

<sup>16</sup> Dersom de bryt pakta som Herrendykkar Gud gjorde med dykk, og byrjar å dyrka andre gudar og bøyer dykk og tilbed dei, då vil Herrens vreide loga imot dykk, og de skal snart bli utrydda frå det gode landet han har gjeve dykk.

## Josva 24

### Pakta i Sikem

<sup>1</sup>Så samla Josva alle Israels stammar i Sikem. Han kalla til seg dei eldste i Israel og hovdingane, dommarane og tilsynsmennene deira. Dei steig fram for Guds andlet,

<sup>2</sup> og Josva tala til heile folket: Så seier Herren, Israels Gud: Frå gammal tid budde fedrane dykkar – Tarah, far til Abraham og Nahor – på den andre sida av Eufrat, og dei dyrka framande gudar.

<sup>3</sup> Men eg henta Abraham, far dykkar, frå landet bortanfor elva og førte han omkring i heile Kanaan. Eg gav han mange etterkomarar. Eg gav han Isak,

<sup>4</sup> og Isak gav eg Jakob og Esau. Eg lét Esau få Se'ir-fjella til eigedom. Men Jakob og sønene hans drog ned til Egypt.

<sup>5</sup> Eg sende Moses og Aron, og eg plaga egyptarane med det eg gjorde hos dei. Så førte eg dykk ut.

<sup>6</sup>Då eg hadde ført fedrane dykkar ut frå Egypt, kom dei til Sivsjøen. Men egyptarane forfølgde dei og kom til sjøen med stridsvogner og ryttrarar.

<sup>7</sup>Då ropa dei til Herren, og han la mørker mellom dykk og egyptarane, og han lét sjøen slå over dei og gøyma dei. De såg med eigne auge kva eg gjorde med egyptarane. Sidan var de lenge i ørkenen.

<sup>8</sup>Så førte eg dykk inn i landet til amorittane, som budde austafør Jordan. Dei stridde mot dykk, men eg gav amorittane over i dykkar hender. De tok landet deira, og eg utrydda dei for dykk.

<sup>9</sup>Så gjekk kongen i Moab, Balak, son til Sippor, til strid mot Israel. Han sende bod etter Bileam, son til Beor, for at han skulle forbanna dykk.

<sup>10</sup>Men eg nekta å høyra på Bileam, og han måtte velsigna dykk på nytt og på nytt. Slik berga eg dykk frå hans hand.

<sup>11</sup>Så gjekk de over Jordan og kom til Jeriko. Dei som hadde makt i Jeriko, gjekk til strid mot dykk: amorittane, perisittane, kanaanearane, hetittane, girgasjittane, hevittane og jebusittane. Men eg gav dei over i dykkar hender.

<sup>12</sup>Eg sende ein bisverm framfor dykk og dreiv bort dei to amorittkongane. Det var ikkje du som gjorde det med sverd eller boge.

<sup>13</sup>Eg gav dykk eit land som de ikkje hadde hatt noko strev med, byar som de ikkje hadde bygd, men som de fekk bu i, vinmarker og oliventre som de ikkje hadde planta, men som de får eta av.

<sup>14</sup>Så frykt då Herren og ten han heilhjarta og trufast! Skil dykk av med dei gudane som fedrane dykkar dyrka på den andre sida av Eufrat og i Egypt, og ten Herren!

<sup>15</sup>Men dersom det byd dykk imot å tena Herren, så vel i dag kven de vil tena: dei gudane som fedrane dykkar dyrka bortanfor elva, eller gudane til amorittane, i det landet de no bur i. Men eg og mitt hus, vi vil tena Herren.

<sup>16</sup>Folket svara: «Gud forby at vi vender oss bort frå Herren og dyrkar andre gudar!

<sup>17</sup>For det var Herren vår Gud som førte oss og fedrane våre ut frå Egypt, ut frå slavehuset, og som gjorde desse store teikna like framfor auga våre. Han vakta oss på heile den lange ferda vår og blant alle folkeslaga i dei landa vi reiste igjennom.

<sup>18</sup>Herren dreiv bort alle folkeslaga for oss, og amorittane som budde i landet. Vi vil òg tena Herren, for han er vår Gud.»

<sup>19</sup>Josva sa til folket: «De maktar ikkje å tena Herren, for han er ein heilag Gud. Han er ein nidkjær Gud, som ikkje ber over med brota og syndene dykkar.

<sup>20</sup>Vender de dykk bort frå Herren og dyrkar framande gudar, kjem han atter til å føra ulukke over dykk og gjera ende på dykk, same kor mykje godt han før har gjort mot dykk.»

<sup>21</sup>Folket sa til Josva: «Nei! Herren vil vi tena.»

<sup>22</sup>Då sa Josva til dei: «Så er de vitne mot dykk sjølve at de har valt Herren og vil tena han.» Dei svara: «Vi er vitne!»

<sup>23</sup>Då sa Josva: «Skil dykk frå dei framande gudane som finst blant dykk og vend hjartet dykkar til Herren, Israels Gud!»

<sup>24</sup>Folket svara: «Herren vår Gud vil vi tena, og hans røyst vil vi lyda.»

<sup>25</sup>Den dagen gjorde Josva ei pakt for folket i Sikem og fastsette lov og rett for dei.

<sup>26</sup>Han skreiv desse orda opp i Guds lovbok. Så tok han ein stor stein og reiste han der, under eika som står ved Herrens heilagdom.

<sup>27</sup>Og Josva sa til heile folket: «Sjå, denne steinen skal vera eit vitne mot oss, for han har høyrte kvart ord som Herren har sagt oss. Han skal vitna mot dykk, så de ikkje fornektar dykkar Gud.»

<sup>28</sup>Så lét Josva folket gå, kvar til sin eigedom.

### Josva døyr

- <sup>29</sup>Ei tid etter at dette hadde hendt, døydde Josva, son til Nun, Herrenstenar, hundre og ti år gammal.
- <sup>30</sup> Dei gravla han på det området som høyrde han til, i Timnat-Serah, som ligg i fjellandet i Efraim, nord for Gaasj-fjellet.
- <sup>31</sup>Israelittane tente Herren så lenge Josva levde, og så lenge det enno var nokon att blant dei eldste som levde lenger enn Josva, og som kjende til alt det Herren hadde gjort for Israel.
- <sup>32</sup> Knoklane etter Josef, som isrealittane hadde ført med seg frå Egypt, gravla dei ved Sikem, på det jordstykket som Jakob hadde kjøpt for hundre kesita av sønene til Hamor, far til Sikem, og som Josef-stammen hadde fått til eige-dom.
- <sup>33</sup>Då Elasar, son til Aron, døydde, gravla dei han i Gibeaa, den byen som Pinhas, son hans, hadde fått i Efraim-fjella.



## Dommarane

### Dommarane 1

#### Israel tek Kanaan

- <sup>1</sup> Då Josva var død, spurde israelittane Herren: «Kven av oss skal først dra opp og kjempa mot kanaanearane?»
- <sup>2</sup> Herren svara: «Juda skal dra opp. Sjå, eg gjev landet i hans hender.»
- <sup>3</sup> Då sa Juda til Simon, bror sin: «Kom med meg opp til min del av landet og lat oss kjempa mot kanaanearane! Så skal eg gå med deg til din del av landet.» Og Simon gjekk med han.
- <sup>4</sup> Så drog Juda opp, og Herren gav kanaanearane og perisittane i deira hender. Dei slo dei ved Besek, ti tusen mann.
- <sup>5</sup> Dei møtte Adoni-Besek ved Besek og kjempa mot han, og dei slo kanaanearane og perisittane.
- <sup>6</sup> Adoni-Besek rømde, men dei forfølgde han, greip han og hogg av han tommelfingrane og stortærne.
- <sup>7</sup> Då sa Adoni-Besek: «Sytti kongar med avhogne tommelfingrar og stortær sankar smular under mitt bord. Gud har gjeve meg løn som fortent for det eg har gjort.» Så førte dei han til Jerusalem, og der døydde han.
- <sup>8</sup> Judearane gjekk til åtak på Jerusalem og tok byen. Dei slo byen med sverd og sette eld på han.
- <sup>9</sup> Etterpå drog judearane ned for å kjempa mot kanaanearane som budde i fjella, i Negev og i låglandet.
- <sup>10</sup> Juda gjekk mot kanaanearane som budde i Hebron. Hebron heitte før i tida Kirjat-Arba. Der slo dei Sjesjai, Ahiman og Talmi.
- <sup>11</sup> Derifrå gjekk dei mot innbyggjarane i Debir. Debir heitte før Kirjat-Sefer.
- <sup>12</sup> Kaleb sa: «Den som slår Kirjat-Sefer og tek byen, skal få Aksa, dotter mi, til kone.»

<sup>13</sup>Otniel, son til Kenas, yngste bror til Kaleb, tok byen, og Kaleb gav han Aksa, dotter si, til kone.

<sup>14</sup>Då ho kom, overtala ho han til å be faren om eit jordstykke. Ho steig av eselet, og Kaleb spurde henne: «Kva vil du?»

<sup>15</sup>Ho svara: «Gjev meg ei gåve! Ettersom du har gjeve meg dette ørkenlandet, må du òg gje meg kjelder med vatn!» Og Kaleb gav henne Øvrekjelda og Nedrekjelda.

<sup>16</sup> Etterkomarane av kenitten som var svogeren til Moses, drog med judearane opp frå Palmebyen til Juda-ørkenen ved Negev Arad og busette seg blant folket der.

<sup>17</sup> Juda gjekk med Simon, bror sin, og dei slo kanaanearane som budde i Sefat. Dei slo byen med bann og øydela han; difor kalla dei han Horma.

<sup>18</sup>Så tok Juda Gaza med landet omkring, Asjkalon med landet omkring og Ekron med landet omkring.

<sup>19</sup> Herren var med Juda, og dei tok fjellområda. Men dei greidde ikkje å driva bort dei som budde på sletta, for dei hadde jernvogner.

<sup>20</sup> Dei gav Hebron til Kaleb, slik som Moses hadde sagt, og han dreiv dei tre anakittane bort derifrå.

<sup>21</sup> Men benjaminittane dreiv ikkje bort jebusittane som budde i Jerusalem, og jebusittane bur saman med benjaminittane i Jerusalem den dag i dag.

<sup>22</sup>Josef-stammene drog òg ut mot Betel, og Herren var med dei.

<sup>23</sup>Dei sende folk til å utforska Betel. Byen heitte før Lus.

<sup>24</sup>Dei som var ute og undersøkte, fekk sjå ein mann koma ut frå byen. Dei sa til han: «Syn oss no kvar vi kan ta oss inn i byen, så skal vi spara deg!»

<sup>25</sup> Han viste dei kvar dei kunne koma inn, og dei slo byen med sverd. Men mannen og heile familien hans lét dei gå.

<sup>26</sup>Mannen drog til hetittlandet. Der bygde han ein by som han kalla Lus, og det heiter byen den dag i dag.

<sup>27</sup> Manasse dreiv ikkje bort folket i Bet-Sjean og Taanak med småbyane som hørde til, heller ikkje innbyggjarane i Dor, Jibleam og Megiddo med småbyane deira. Kanaanearane greidde å halda seg i dette landet.

<sup>28</sup> Då israelittane vart sterkare, sette dei kanaanearane til tvangsarbeid, men fordreiv dei ikkje heilt.

<sup>29</sup> Efraim dreiv ikkje ut kanaanearane som budde i Geser. Kanaanearane vart buande iblant dei der.

<sup>30</sup> Sebulon dreiv ikkje bort innbyggjarane i Kitron og Nahalol. Kanaanearane vart buande mellom dei, men dei måtte gjera tvangsarbeid.

<sup>31</sup> Asjer dreiv ikkje ut innbyggjarane i Akko og Sidon, heller ikkje innbyggjarane i Ahlab, Aksib, Helba, Afik og Rehob.

<sup>32</sup> Ettersom dei ikkje hadde drive ut kanaanearane som heldt til i landet, busette Asjer seg mellom dei.

<sup>33</sup> Naftali dreiv ikkje ut innbyggjarane i Bet-Sjemesj og Bet-Anat. Dei busette seg blant kanaanearane som heldt til der i landet. Men innbyggjarane i Bet-Sjemesj og Bet-Anat måtte gjera tvangsarbeid for dei.

<sup>34</sup> Amorittane trengde danittane opp i fjellet og lét dei ikkje få koma ned på sletta.

<sup>35</sup> Amorittane greidde å bli buande i Har-Heres, Ajjalon og Sjaalbim. Men då Josefs hus fekk overtaket, måtte dei gjera tvangsarbeid.

<sup>36</sup> Grensa til amorittane gjekk frå Akrabbim-skardet og vidare oppover frå Sela.

## Dommarane 2

### Herrens engel åtvarar israelittane

<sup>1</sup> Herrens engel kom frå Gilgal opp til Bokim og sa: Eg førte dykk opp frå Egypt og inn i det landet som eg med eid hadde lova fedrane dykkar. Eg sa: «Eg vil aldri bryta mi pakt med dykk,

<sup>2</sup>og de skal ikkje gjera noka pakt med dei som bur her i landet. Altara deira skal de riva ned.» Men de høyrde ikkje på meg. Kva er det de har gjort?

<sup>3</sup>Difor seier eg no: Eg vil ikkje driva dei bort for dykk. Dei skal bli til ei snare for dykk, og gudane deira skal bli ei felle for dykk.

<sup>4</sup>Då Herrens engel hadde sagt dette til israelittane, gret folket høgt.

<sup>5</sup>Difor kalla dei staden Bokim. Og dei ofra til Herren der.

### Israel fell frå

<sup>6</sup>Då Josva hadde sendt folket i veg, drog israelittane kvar til sitt område for å ta landet.

<sup>7</sup>Folket tente Herren så lenge Josva levde, og så lenge dei gamle enno var i live, dei som hadde levd lenger enn Josva og hadde sett alle dei storverk Herren hadde gjort for Israel.

<sup>8</sup>Josva, son til Nun, Herrens tenar, døydde hundre og ti år gammal.

<sup>9</sup>Dei gravla han på hans eigen grunn i Timnat-Heres i Efraim-fjella, nord for Gaasj-fjellet.

<sup>10</sup>Snart var heile dette slektsleddet sameina med fedrane sine. Etter dei voks det opp eit nytt slektsledd som korkje kjende Herren eller visste kva han hadde gjort for Israel.

<sup>11</sup>Då gjorde israelittane det som vondt var i Herrens auge. Dei dyrka Baal-gudane

<sup>12</sup>og forlét Herren, sine fedrars Gud, som hadde ført dei ut frå Egypt. Dei følgde andre gudar, gudar frå folka som budde omkring, og tilbad dei. Slik gjorde dei Herren rasande.

<sup>13</sup>Dei forlét Herren og dyrka Baal og Astarte-bileta.

<sup>14</sup>Då flamma Herrens vreide opp mot Israel, og han gav dei i hendene på røvarar som plyndra dei. Han gav dei over til fiendane omkring, og dei kunne ikkje stå seg mot dei.

<sup>15</sup> Kvar dei fór fram, var Herrens hand imot dei og råka dei med ulukke, slik Herren hadde sagt, og som Herren hadde svore. Dei kom i stor naud.

<sup>16</sup> Då lét Herren det stå fram dommarar som berga dei ut av hendene på røvarane.

<sup>17</sup> Men dei lydde ikkje dommarane sine heller. Dei dreiv hor med andre gudar og tilbad dei. Dei var snare til å bøya av frå den vegen som fedrane deira hadde følgt då dei lydde Herrens bod. Dei gjorde ikkje som fedrane.

<sup>18</sup> Kvar gong Herren lét ein dommar stå fram hos dei, var Herren med dommaren og berga dei ut av hendene på fiendane så lenge dommaren levde. For Herren fekk medynk med dei når dei sukka under dei som plaga og undertrykte dei.

<sup>19</sup> Men så snart dommaren var død, fall dei frå att, og dei øydela meir enn fedrane gjorde. Dei følgde andre gudar og dyrka og tilbad dei. Dei heldt fram med å vera trassige og gjera det vonde.

<sup>20</sup> Då flamma Herrens vreide opp mot Israel, og han sa: «Dette folket har brote den pakta eg påla fedrane deira, og ikkje lydd etter det eg har sagt.

<sup>21</sup> Difor vil eg ikkje halda fram med å driva ut for dei eit einaste av dei folkeslaga som Josva lét vera att då han døydde.

<sup>22</sup> For gjennom dei skal Israel bli prøvd: Vil dei eller vil dei ikkje halda seg til Herrens veg og gå han, slik som fedrane deira har gjort?»

<sup>23</sup> Difor lét Herren desse folkeslaga vera att i staden for å driva dei bort straks; og han gav dei ikkje over i Josvas hender.

### **Dommarane 3**

<sup>1</sup> Dette er dei folkeslaga som Herren lét vera att. – Han ville bruka dei til å setja Israel på prøve, dei av Israel som ikkje hadde vore med i alle krigane om Kanaan.

<sup>2</sup> Dette gjorde han for at dei komande slektene av israelittar skulle læra å føra krig, men berre dei som ikkje hadde vore med før. –

<sup>3</sup> Det var hovdingane for dei fem filistarbyane, alle kanaanearane, sidonarane og hevittane som budde i Libanon-fjella, frå Baal-Hermon-fjellet til Lebo-Hamat.

<sup>4</sup> Ved dei vart Israel sett på prøve, så det kunne visa seg om dei ville lyda boda som Herren hadde gjeve fedrane deira gjennom Moses.

<sup>5</sup> Israelittane budde midt imellom kanaanearane, hetittane, amorittane, perisittane, hevittane og jebusittane.

<sup>6</sup> Dei tok døtrene deira til koner og gav sjølve døtrene sine til sønene deira, og dei dyrka gudane deira.

### Otniel

<sup>7</sup> Israelittane gjorde det som var vondt i Herrens auge; dei gløymde Herren sin Gud og dyrka Baal-gudane og Asjera-gudinnene.

<sup>8</sup> Då flamma Herrens vreide opp mot israelittane, og han gav dei i hendene på Kusjan-Risjatajim, kongen i Aram-Naharajim. Israelittane måtte tena Kusjan-Risjatajim i åtte år.

<sup>9</sup> Då ropa israelittane til Herren, og Herren lét ein redningsmann stå fram i Israel, og han frelste dei. Det var Otniel, son til Kenas, yngste bror til Kaleb.

<sup>10</sup> Herrens ande kom over han, og han vart dommar i Israel. Han drog ut i strid, og Herren gav kongen i Aram, Kusjan-Risjatajim, over i hans hender. Han fekk makta over Kusjan-Risjatajim,

<sup>11</sup> og landet hadde fred i førti år. Så døydde Otniel, son til Kenas.

### Ehud

<sup>12</sup> Israelittane gjorde på nytt det som vondt var i Herrens auge. Då gav Herren Moab-kongen Eglon makt over dei fordi dei hadde gjort det som var vondt i Herrens auge.

<sup>13</sup> Han fekk med seg ammonittane og amalekittane og drog ut og slo Israel, og dei tok Palmebyen.

<sup>14</sup> Israelittane måtte tena Eglon, Moab-kongen, i atten år.

<sup>15</sup>Då ropa israelittane til Herren, og Herren lét ein redningsmann stå fram, benjaminitten Ehud, son til Gera, ein venstrehendt mann. Israelittane sende han med ei gåve til Eglon, kongen i Moab.

<sup>16</sup> Ehud laga seg eit tvieggja sverd som var ein gomed langt, og spente det på seg under kleda ved den høgre hofta.

<sup>17</sup>Så førte han gåva fram for Eglon, kongen i Moab. Eglon var ein svært tjukk mann.

<sup>18</sup>Då Ehud hadde bore gåva fram, sende han bort dei som hadde bore gåva.

<sup>19</sup>Sjølv snudde han ved Pesilim, som er ved Gilgal, drog tilbake og sa: «Eg har ein hemmeleg bodskap til deg, konge.» Då sa kongen: «Stille!» Så gjekk dei ut, alle som stod til teneste for han.

<sup>20</sup>Då Ehud kom inn til kongen, sat han åleine i det svale takkammeret sitt. Ehud sa til han: «Eg har ein bodskap frå Gud til deg.» Kongen reiste seg frå stolen.

<sup>21</sup>Ehud rekte ut venstrehand, greip sverdet frå høgre hofta og støyte det inn i magen på han

<sup>22</sup>så skjefte følgde med sverdbladet inn. Feittet lukka seg rundt bladet, for han drog ikkje sverdet ut or magen på han, og mageinnhaldet valt ut.

<sup>23</sup>Ehud gjekk ut i forhallen, lét dørene til takkammeret att etter seg og låste.

<sup>24</sup> Då han hadde gått, kom tenarane til kongen. Dei fekk sjå at dørene til takkammeret var låste, og tenkte: «Han har vel eit nødvendig ærend i det svale kammerset.»

<sup>25</sup>Dei venta lenge. Men då han ikkje opna dørene, tok dei nøkkelen og låste opp. Og der låg herren deira døyande på golvet.

<sup>26</sup>Men Ehud slapp unna medan dei andre var tvilrådige; han var alt komen forbi Pesilim og flykta vidare mot Se'ir.

<sup>27</sup>Då han kom fram, bles han i bukkehornet i Efraim-fjella. Israelittane drog ned med han frå fjellet, og han gjekk føre dei.

<sup>28</sup> «Følg etter meg», sa han til dei, «for Herren har gjeve fiendane dykkar, moabittane, i dykkar hender!» Dei drog ned etter han og tok vadestadene over Jordan til Moab. Dei lét ikkje ein einaste sleppa over.

<sup>29</sup>Den gongen felte dei ti tusen moabittar, alle kraftige og modige menn; ikkje ein kom seg unna.

<sup>30</sup> Moab måtte bøya seg under Israels hand den dagen, og så hadde landet fred i åtti år.

<sup>31</sup>Etter Ehud kom Sjamgar, son til Anat. Han felte seks hundre mann av filistrane med ein piggstav til å driva oksar med. Også han berga Israel.

## Dommarane 4

### Debora og Barak

<sup>1</sup>På nytt gjorde israelittane det som var vondt i Herrens auge, no då Ehud var død.

<sup>2</sup>Herren gav dei i hendene på kanaanearkongen Jabin, som styrte i Hasor. Hærføraren hans heitte Sisera; han heldt til i Harosjet-Haggiojim.

<sup>3</sup>Israelittane ropa til Herren. For Jabin hadde ni hundre jernvogner, og han kua israelittane med makt i tjue år.

<sup>4</sup>På den tida var profetkvinna Debora, kona til Lappidot, dommar i Israel.

<sup>5</sup>Ho brukte å sitja under Debora-palmen mellom Rama og Betel i Efraim-fjella. Israelittane kom til henne for å få dom i rettstvistar.

<sup>6</sup>Debora sende bod etter Barak, son til Abinoam, frå Kedesj i Naftali-landet og sa til han: «Høyr kva Herren, Israels Gud, byr deg: Gå av stad og dra opp på Tabor-fjellet! Ta med deg ti tusen mann frå Naftali og Sebulon.

<sup>7</sup>Så skal eg få Sisera, Jabins hærførar, til å dra ut mot deg med vogner og troppar ved Kisjon-dalen. Eg gjev han i dine hender.»

<sup>8</sup>Barak sa til henne: «Går du med, skal eg gå, men går du ikkje med meg, går ikkje eg.»



<sup>9</sup>Då sa ho: «Visst skal eg gå med deg. Men då er det ikkje du som får æra for den ferda du gjer. For Herren vil overgje Sisera i handa til ei kvinne.» Så drog Debora med Barak til Kedesj.

<sup>10</sup>Barak kalla Sebulon og Naftali saman i Kedesj. Så drog han av stad, og bak han marsjerte ti tusen mann. Debora drog saman med han.

<sup>11</sup> Kenitten Heber hadde skilt lag med dei andre kenittane, som var etterkomarar av Hobab, svogeren til Moses, og hadde slege opp telta sine ved Elon-Saananim, ved Kedesj.

<sup>12</sup>Sisera fekk melding om at Barak, son til Abinoam, hadde drege opp på Tabor-fjellet.

<sup>13</sup>Han samla alle vognene sine, ni hundre jernvogner, og heile den hærstyrken han hadde, og førte dei frå Harosjet-Haggojim til Kisjon-dalen.

<sup>14</sup> Då sa Debora til Barak: «Opp! For dette er dagen då Herren vil gje Sisera i dine hender. Herren går føre deg!» Så drog Barak ned frå Tabor-fjellet, og ti tusen mann var med han.

<sup>15</sup> Då Barak gjekk til åtak, slo Herren Sisera og alle stridsvognene hans og heile hæren hans med forvirring. Sisera steig ned av vogna og rømde til fots,

<sup>16</sup> medan Barak sette etter vognene og hæren heilt til Harosjet-Haggojim. Heile hæren til Sisera fall for sverdet. Ikkje ein einaste vart att.

<sup>17</sup>Sisera sjølv rømde til fots og kom til teltet der Jael, kona til kenitten Heber, heldt til. For det rådde fred mellom Jabin, kongen i Hasor, og slekta til Heber.

<sup>18</sup>Jael gjekk ut og møtte Sisera. «Kom inn, herre, kom inn til meg», sa ho. «Ver ikkje redd!» Han kom inn i teltet til henne, og ho dekte han til med eit teppe.

<sup>19</sup> Han bad henne: «Ver snill og gjev meg litt vatn, for eg er så tørst!» Ho opna ei skinnflaske med mjølk, lét han få drikka og dekte han til att.

<sup>20</sup>Så sa han til henne: «Stå i teltopninga! Kjem det ein og spør om det er nokon her, skal du svara nei.»

<sup>21</sup>Jael, kona til Heber, greip ein teltplugg og tok ein hammar i handa. Så gjekk ho stille inn til han og slo pluggen gjennom tinningen på han så pluggen gjekk ned i jorda. Han hadde lege utmatta og sove, og slik døydde han.

<sup>22</sup>I det same kom Barak, som forfølgde Sisera. Jael gjekk ut og møtte han. Ho sa: «Kom, så skal eg visa deg mannen du leitar etter!» Han gjekk med henne inn, og sjå, der låg Sisera død med teltpluggen gjennom tinningen.

<sup>23</sup>Den dagen audmjuka Gud kanaanearkongen Jabin framfor israelittane.

<sup>24</sup>Og handa til israelittane vart meir og meir tyngjande for kanaanearkongen Jabin, heilt til dei gjorde ende på Jabin, kongen i Kanaan.

## Dommarane 5

### Debora-songen

<sup>1</sup>Den dagen song Debora og Barak, son til Abinoam, denne songen:

<sup>2</sup>Når Israels fremste går føre og folket villig møter fram, lovpris Herren!

<sup>3</sup>Høyr, de kongar! Lytt, de fyrstar! Eg vil syngja, syngja for Herren, spela for Herren, Israels Gud.

<sup>4</sup>Herre, då du drog ut frå Se'ir og steig fram frå markene i Edom, då riste jorda, dropar fall frå himmelen, vassdropar fall frå skyene.

<sup>5</sup>Fjella smelta for Herren, han frå Sinai, for Herren, Israels Gud.

<sup>6</sup>I Anat-sonen Sjamgars dagar, i Jaels dagar, låg vegane aude. Dei som var på reise, gjekk på krokete stigar.

<sup>7</sup>Landsbyane låg aude i Israel, dei låg aude, før eg, Debora, stod fram, stod fram som ei mor i Israel.

<sup>8</sup>Gud valde ut nye leiarar, då var det strid i portane, men skjold eller spyd var ikkje å sjå blant dei førti tusen i Israel.

- <sup>9</sup>Hjartet mitt slår for Israels herskarar, for folket som villig møtte fram. Lovpris Herren!
- <sup>10</sup>De som rid på blakke eselhopper, de som sit på teppe, de som vandrar langs vegen: Syng!
- <sup>11</sup>Dei overdøyver lyden av dei som hentar vatn når dei fortel ved vatningsstadene om Herrens rettferdige gjerningar, hans rettferdsgjerningar mot landsbyfolket i Israel. Då drog Herrens folk ned til portane.
- <sup>12</sup>Vakna, vakna, Debora! Vakna, vakna, ber fram ein song! Reis deg, Barak, fang dine fiendar, Abinoams son!
- <sup>13</sup>Då drog dei ned, dei som var att av dei mektige, Herrens folk drog med meg mot krigarane.
- <sup>14</sup>Frå Efraim kom dei som hadde røter i Amalek. Etter deg, Benjamin, kjem dei med sine folk. Frå Makir drog herskarane ned, frå Sebulon menn med hærførarstav,
- <sup>15</sup>Jissakars hovdingar saman med Debora, Jissakar kom, Barak var med, i dalen følgde dei han hakk i hæl. I Rubens avdelingar rådslo dei lenge.
- <sup>16</sup>Kvifor sat du mellom kløvkorgene og lytta til fløytetonar frå gjetarane? I Rubens avdelingar rådslo dei lenge.
- <sup>17</sup>Gilead heldt seg i ro på den andre sida av Jordan. Kvifor drygde Dan ved skipa? Asjer, som budde ved havsens strand, heldt seg i ro i vikane der.
- <sup>18</sup>Sebulons folk viste dødsforakt, også Naftali, på dei opne høgdenene.
- <sup>19</sup>Kongar kom og kjempa, då kjempa dei, Kanaans kongar, i Taanak ved Megiddos vatn, men dei tok ikkje sølv som bytte.
- <sup>20</sup>Frå himmelen kjempa stjernene, frå sine banar kjempa dei mot Sisera.
- <sup>21</sup>Kisjon-elva reiv dei bort, den eldgamle elva, Kisjon-elva. Gå fram, mi sjel, med kraft!
- <sup>22</sup>Då hamra det av hestehovar, av hingstar i galopp, i galopp!

<sup>23</sup> «Forbann Meros!» sa Herrens engel. «Forbann, forbann dei som bur der! For dei kom ikkje Herren til hjelp, dei kom ikkje Herren til hjelp mot krigarane!»

<sup>24</sup> Velsigna blant kvinner er Jael, kona til kenitten Heber, velsigna blant kvinner som bur i telt.

<sup>25</sup> Han bad om vatn, ho gav han mjølk. Ho kom med rømme i ei praktfull skål.

<sup>26</sup> Ho strekte ut handa etter teltpluggen, høgre handa mot hammaren til handverkaren. Ho slo til Sisera så skallen vart kløyvd, dreiv pluggen igjennom og knuste tinningen.

<sup>27</sup> Mellom føtene hennar seig han i kne, han stupte og vart liggjande. Mellom føtene hennar seig han i kne, han stupte. Der seig han i kne, stupte og var knust.

<sup>28</sup> Gjennom vindaugget kikka ho ned, mor til Sisera ropa gjennom gitteret: «Kvifor kjem ikkje vogna hans, kvifor dryger hovslaga frå stridsvognene?»

<sup>29</sup> Dei klokaste hoffdamene svara henne, og sjølv gav ho svar på sine eigne ord:

<sup>30</sup> «Dei deler nok rovet dei har teke! Ei jente eller to til kvar mann, rov av fargerikt tøy til Sisera, rov av fargerikt tøy, eit handbrodert klede eller to om halsen på den som røva.»

<sup>31</sup> Slik skal dei gå til grunne, alle dine fiendar, Herre. Men dei som elsker deg, skal vera som sola når ho renn i all si prakt. Sidan hadde landet fred i førti år.

## Dommarane 6

### Midjanittane herjar i Israel

<sup>1</sup> Israelittane gjorde det som vondt var i Herrens auge. Då gav Herren dei i hendene på midjanittane i sju år.

<sup>2</sup> Midjanittane hadde makta over Israel. For å koma unna Midjan stelte israelittane til dei gøymestadene som finst i fjella, både hòler og fjellborger.

<sup>3</sup>Kvar gong israelittane hadde sådd, kom midjanittane og amalekittane og folka frå aust og gjekk til åtak på dei.

<sup>4</sup>Dei slo leir midt imot dei og øydela avlinga i landet heilt bort til Gaza. Dei lét det ikkje bli noko att å leva av i Israel, ikkje ein sau eller ein okse eller eit esel.

<sup>5</sup>For dei kom med buskap og telt som svermar av grashopper. Det var ikkje tal på dei og kamelane deira. Dei kom for å øydeleggja landet.

<sup>6</sup>Israel vart heilt utarma av midjanittane, og israelittane ropa til Herren.

<sup>7</sup>Då israelittane ropa til Herren på grunn av midjanittane,

<sup>8</sup>sendeHerren ein profet til dei. Han sa: Så seier Herren, Israels Gud: Det var eg som førte dykk opp frå Egypt og henta dykk ut av slavehuset.

<sup>9</sup>Eg berga dykk ut av hendene på egyptarane og frå alle som undertrykte dykk. Eg dreiv dei bort for dykk og gav dykk landet deira.

<sup>10</sup>Eg sa til dykk: «Eg er Herren dykkar Gud. De skal ikkje frykta gudane til amorittane, som eigde det landet de bur i.» Men de ville ikkje høyra på meg.

### **Herren kallar Gideon til dommar**

<sup>11</sup>Då kom Herrens engel og sette seg under den eika som står i Ofra, den som hørde til Joasj av Abieser-slekta. Gideon, son til Joasj, stod og treskte kveite i vinpressa for å berga kornet frå midjanittane.

<sup>12</sup>Då synteHerrens engel seg for han og sa til han: «Herren er med deg, du djerve krigar.»

<sup>13</sup>Gideon svara: «Høyr på meg, herre! Om Herren er med oss, kvifor har då alt dette hendt med oss? Kvar er dei undera han gjorde, og som fedrane våre fortalde oss om? Dei sa at det var Herren som førte dei ut frå Egypt. Men no har Herren vendt seg frå oss og gjeve oss i hendene på midjanittane.»

<sup>14</sup>Herren vende seg til Gideon og sa: «Gå og bruk den styrken du eig, til å berga Israel ut av hendene på midjanittane! Det er eg som sender deg!»

- 15** Gideon svara: «Høyr, Herre! Korleis kan eg berga Israel? Mi slekt er den veikaste i Manasse, og sjølv er eg den yngste i huset til far min.»
- 16**Då sa Herren til han: «Eg vil vera med deg, og du skal slå midjanittane, alle som ein.»
- 17**Gideon sa: «Om eg har funne nåde for auga dine, så gjev meg eit teikn på at det er du som talar med meg.
- 18**Gå ikkje herifrå før eg kjem att! Eg skal henta ei offergåve og leggja henne fram for deg.» Han svara: «Eg blir her til du kjem att.»
- 19**Gideon gjekk og stelte til eit geitekje, så tok han ein efa mjøl og baka usyra brød. Kjøtet la han i ei korg, og suppa hadde han i ei krukke. Så bar han det ut under eika og sette det fram for han.
- 20**Då sa Guds engel til han: «Ta kjøtet og det usyra brødet, legg det på berget her og slå suppa over!» Han gjorde det.
- 21** Så rette Herrens engel fram spissen av staven som han hadde i handa, og rørte ved kjøtet og det usyra brødet. Då slo eld opp frå berget og fortærte kjøtet og brødet. Og Herrens engel kvarv bort for auga hans.
- 22** Då skjøna Gideon at det var Herrens engel. Gideon ropa: «Ve meg, min Gud og Herre! Eg har sett Herrens engel andlet til andlet!»
- 23**Men Herren sa til han: «Fred vere med deg, ver ikkje redd! Du skal ikkje døy.»
- 24** Så bygde Gideon eit altar for Herren der og kalla det «Herren er fred». Den dag i dag står det i Ofra, som høyrer til Abieser-slekta.
- 25** Om natta sa Herren til Gideon: «Ta ungoxen som far din eig, og den andre oksen, den som er sju år gammal! Riv ned Baal-altaret til far din og hogg ned Asjera-pålen som står attmed det.
- 26**Så skal du på fastsett vis byggja eit altar for Herren din Gud på toppen av denne festninga. Ta den andre oksen og ber han fram som brennoffer; bruk veden av Asjera-pålen som du har hogge ned.»

<sup>27</sup>Gideon tok med seg ti av tenarane sine og gjorde som Herren hadde sagt. Men han var redd familien sin og folket i byen; difor gjorde han det ikkje om dagen, men om natta.

<sup>28</sup>Då folk i byen stod opp om morgonen, sjå, då var Baal-altaret nedrive, og Asjera-pålen som stod der, var hoggen ned. På det nybygde altaret var den andre oksen ofra.

<sup>29</sup>Då sa dei seg imellom: «Kven kan ha gjort dette?» Og då dei undersøkte og spurde seg føre, vart det sagt at det var Gideon, son til Joasj, som hadde gjort det.

<sup>30</sup>Mennene i byen sa då til Joasj: «Lat son din koma ut! Han skal døy! Han har rive ned Baal-altaret og hogge ned Asjera-pålen som stod attmed det.»

<sup>31</sup> Men Joasj sa til alle som stod omkring han: «Vil de strida for Baal? Vil de hjelpa han? Den som strider for Baal, skal døy før morgonen gryr. Er han gud, så lat han strida for seg sjølv mot den som har rive ned altaret hans.»

<sup>32</sup> Den dagen fekk Gideon namnet Jerubbaal, for dei sa: «Lat Baal strida mot han, sidan han har rive ned altaret hans!»

### **Gideon bed om eit teikn**

<sup>33</sup>Alle midjanittane, amalekittane og folka frå aust samla seg. Dei sette over Jordan og slo leir på Jisreel-sletta.

<sup>34</sup> Då kom Herrens ande over Gideon. Han bles i horn, og Abieser-slekta samla seg og følgde han.

<sup>35</sup>Så sende han bodberarar ut i heile Manasse, og dei samla seg og følgde han, dei òg. Han sende bodberarar til Asjer og Sebulon og Naftali, og dei kom og gav seg i lag med dei andre.

<sup>36</sup>Då sa Gideon til Gud: «Om du vil berga Israel ved mi hand, som du har sagt,

<sup>37</sup>så sjå hit: No legg eg denne nyklipte ulla på treskjevollen. Kjem det dogg berre på ulla medan heile marka er tørr, då veit eg at det er ved mi hand du vil berga Israel, slik som du har sagt.»

<sup>38</sup>Og så vart det. Då Gideon stod opp morgonen etter og vreid opp ulla, klemde han så mykje dogg ut av henne at det vart ei skål full med vatn.

<sup>39</sup> Då sa han til Gud: «Lat ikkje vreiden flamma opp mot meg om eg talar endå ein gong. Eg ville gjerne gjera prøva med ulla ein gong til. Lat no ulla åleine vera tørr, medan heile marka er dogga.»

<sup>40</sup>Og natta etter gjorde Gud det slik: Ulla heldt seg tørr, men heile marka var doggvåt.

## Dommarane 7

### Gideon vinn over midjanittane

<sup>1</sup> Jerubbaal, det er Gideon, tok tidleg ut, og heile hæren med han, og dei slo leir ved Harod-kjelda. Leiren til midjanittane låg nord for Gideon, ved Morehaugen nede på sletta.

<sup>2</sup> Då sa Herren til Gideon: «Du har for mykje folk med deg. Eg vil ikkje gje midjanittane i hendene på dei. For då kunne Israel briska seg mot meg og seia: Ved eiga hand har eg vorte berga!

<sup>3</sup> Rop no ut så folket høyrer det: Den som er redd og skremd, kan snu og venda heim att frå Gilead-fjellet!» Då var det tjueto tusen mann som fór, og ti tusen vart att.

<sup>4</sup> Men Herren sa til Gideon: «Enno er det for mykje folk. Lat dei gå ned til kjelda, så skal eg skilja ut nokre for deg der. Når eg seier til deg: Denne skal gå med deg, då skal han bli med. Men seier eg: Denne skal ikkje gå med deg, då skal han ikkje vera med.»

<sup>5</sup> Så lét Gideon hæren gå ned til kjelda, og Herren sa til han: «Alle dei som lepjar i seg vatnet med tunga slik som hundar gjer, skal du stilla opp for seg, og på same måten alle som legg seg på kne og drikk.»

<sup>6</sup> Dei som lepja vatn frå handa, var tre hundre i talet. Alle dei andre la seg på kne og drakk.



<sup>7</sup>Då sa Herren til Gideon: «Med dei tre hundre som lepja, skal eg berga dykk, og eg vil gje midjanittane i dine hender. Resten av hæren kan fara kvar til sitt.»

<sup>8</sup>Dei overtok matforsyninga og bukkehorna frå resten av hæren. Så lét Gideon alle dei andre israelittane fara heim til telta sine, men dei tre hundre hadde han hos seg. Midjanittleiren låg lenger nede i dalen.

<sup>9</sup>Då det vart natt, sa Herren til han: «Stå opp og gå ned til leiren! Eg gjev han i dine hender.

<sup>10</sup>Er du redd, så gå først ned med Pura, tenaren din!

<sup>11</sup>Høyr på det dei seier, då får du styrke nok i hendene til å dra ut mot leiren.» Så gjekk han og Pura, tenaren hans, ned til leiren, så langt som til forpostane utanfor.

<sup>12</sup>Midjanittane og amalekittane og alle folka frå aust låg nede i dalen så tett som grashopper. Kamelane deira var det ikkje tal på; dei var som sanden på havsens strand.

<sup>13</sup>Med det same Gideon kom, var det ein som fortalde kameraten sin ein draum. Han sa: «Du, eg har hatt ein draum om at eit byggbrød kom trillande ned mot midjanittleiren. Då det kom fram, støyte det mot teltet og velte det, så det vart snudd opp ned og vart liggjande.»

<sup>14</sup>Då svara kameraten hans: «Dette kan ikkje vera noko anna enn sverdet til israelitten Gideon, son til Joasj. Gud har gjeve midjanittane og heile leiren i hans hender.»

<sup>15</sup>Då Gideon hørde draumen som vart fortald, og tydinga, bøygde han seg og tilbad. Han gjekk tilbake til Israelsleiren og sa: «Stå opp! Herren har gjeve midjanittleiren i hendene dykkar.»

<sup>16</sup>Så delte han dei tre hundre mennene i tre flokkar. Han gav dei alle bukkehorn og tomme krukker i hendene, og faklar til å ha inni krukkene.

**17**Han sa til dei: «Sjå på meg og gjer som eg! Når eg er komen til utkanten av leiren, skal de gjera det same som eg gjer.

**18**Når eg og alle som er med meg, blæs i bukkehorn, skal de òg blåsa i bukkehorn rundt ikring heile leiren og ropa: For Herren og for Gideon!»

**19**Gideon og dei hundre mennene som var med han, kom til utkanten av leiren med det same midnattsvakta tok til; det var så vidt midjanittane hadde sett ut vaktpostane. Då bles dei i bukkehorna og knuste krukkene som dei hadde med seg.

**20**Alle tre flokkane bles i bukkehorn og knuste krukkene sine. Faklane heldt dei i venstre handa, og i høgre hadde dei bukkehorna som dei bles i. Og dei ropa: «Sverd for Herren og for Gideon!»

**21**Men dei vart ståande kvar mann på sin plass kring leiren, medan alle i leiren rende att og fram og sprang skrikande bort.

**22** Då dei tre hundre bles i bukkehorna, gjorde Herren det slik at alle i leiren lyfte sverd mot kvarandre. Dei rømde til Bet-Hasjitta, bort imot Serera, til utkanten av Abel-Mehola ved Tabbat.

**23**Då samla israelittane seg til strid, frå Naftali, Asjer og heile Manasse, og sette etter midjanittane.

**24** Over heile Efraim-fjellet sende Gideon bodberarar som skulle seia: «Far ned og møt midjanittane. Steng dei ute frå elva heilt ned til Bet-Bara ved Jordan!» Kvar einaste mann i Efraim fekk bod om å møta, og dei stengde vegen til elva heilt ned til Bet-Bara og Jordan.

**25** Dei fanga to midjanitthovdingar, Oreb og Seeb. Oreb drap dei på Oreb-berget, Seeb drap dei ved Seeb-prensa. Så sette dei etter midjanittane. Hovuda av Oreb og Seeb tok dei med til Gideon på den andre sida av Jordan.

## Dommarane 8

### Gideon er dommar i Israel

<sup>1</sup>Mennene frå Efraim sa til Gideon: «Korleis er det du har fare åt mot oss? Kvifor sende du ikkje bod etter oss då du tok ut i striden mot midjanittane?» Og dei gjekk kraftig i rette med han.

<sup>2</sup>Men han sa til dei: «Kva har eg gjort samanlikna med dykk? Er ikkje etterraksten til Efraim meir verd enn vinhausten til Abieser?

<sup>3</sup>Det var i dykkar hender Gud gav midjanitthovdingane Oreb og Seeb. Har eg makta å gjera som de?» Då han sa dette, lét dei vreiden mot han stilna av.

<sup>4</sup>Gideon kom til Jordan og gjekk over, han og dei tre hundre mennene som var med han. Dei var utmatta etter jakta.

<sup>5</sup>Då sa han til mennene i Sukkot: «Kan de gje nokre brød til krigsfolket som følgjer meg, for dei er slitne. Eg jagar Sebah og Salmunna, kongane i Midjan.»

<sup>6</sup>Men hovdingane i Sukkot svara: «Har du alt fått kloa i Sebah og Salmunna, sidan vi skal gje hæren din brød?»

<sup>7</sup>Då sa Gideon: «Fordi du sa det, skal eg riva opp kjøtet dykkar med ville tornebuskar og tistlar når Herren har gjeve Sebah og Salmunna i mi hand.»

<sup>8</sup>Så fór han opp til Penuel og spurde om det same. Men i Penuel svara mennene han på same vis som Sukkot-mennene hadde gjort.

<sup>9</sup>Då sa han til dei òg: «Når eg kjem velberga tilbake, skal eg riva dette tårnet ned.»

<sup>10</sup>Sebah og Salmunna låg i Karkor med hærane sine, om lag femten tusen mann. Det var alt som var att av hæren til folka frå aust. Hundre og tjue tusen våpenføre menn var falne.

<sup>11</sup>Gideon drog opp langs vegen til teltbuarane aust for Nobah og Jogbeha, og han slo hæren som låg trygt i leiren.

<sup>12</sup>Sebah og Salmunna rømde, men han sette etter dei og tok begge Midjan-kongane, Sebah og Salmunna, til fange. Han fekk heile hæren til å skjelva av skrekk.

<sup>13</sup>Då Gideon, son til Joasj, vende heim frå striden og kom opp gjennom Heres-passet,

<sup>14</sup>fekk han tak i ein ung gut, ein av mennene i Sukkot, og spurde han ut. Guten skreiv opp for han namna på hovdingane og dei eldste i Sukkot, syttisju mann.

<sup>15</sup>Då han kom til mennene i Sukkot, sa han: «Sjå, her er Sebah og Salmunna, som de spotta meg for då de sa: Har du alt fått kloa i Sebah og Salmunna, sidan vi skal gje dei trøyttte mennene dine brød?»

<sup>16</sup>Han greip dei eldste i byen. Så tok han ville tornebuskar og tistlar og lærte mennene i Sukkot ei lekse med dei.

<sup>17</sup>Tårnet i Penuel reiv han ned, og mennene i byen slo han i hel.

<sup>18</sup>Sidan sa han til Sebah og Salmunna: «Korleis såg dei ut, dei mennene som de slo i hel på Tabor?» Dei svara: «Dei likna deg. Begge såg ut som kongssøner.»

<sup>19</sup>Han sa: «Då var det brørne mine, sønene til mi eiga mor. Så sant Herren lever, hadde de spart livet deira, skulle eg ikkje ha drepe dykk.»

<sup>20</sup>Og han sa til Jeter, eldste son sin: «Gå fram og slå dei i hel!» Men guten drog ikkje sverdet. Han torde ikkje, for han var berre ein unggut endå.

<sup>21</sup> Då sa Sebah og Salmunna: «Kom sjølv og hogg oss ned! For som mannen er, så er styrken hans.» Så gjekk Gideon fram og slo Sebah og Salmunna i hel, og han tok halvmånane som kamelane deira hadde om halsen.

<sup>22</sup>Israelittane sa til Gideon: «Du skal rå over oss, både du og son din og soneson din, for du har berga oss ut av hendene på midjanittane.»

<sup>23</sup>Men Gideon svara: «Eg skal ikkje rå over dykk. Son min skal heller ikkje rå over dykk. Herren skal rå over dykk.»

<sup>24</sup>Sidan sa Gideon til dei: «Eg har ei bøn til dykk: at kvar av dykk gjev meg ein øyrering frå hærfanget sitt.» For midjanittane gjekk med øyreringar av gull; dei var ismaelittar.

<sup>25</sup> Dei svara: «Vi gjev dei gjerne.» Så breidde dei ut ei kappe, og på den kasta kvar av dei ein ring frå hærfanget sitt.

<sup>26</sup> Då han vog gullringane som han hadde bede om, var det eitt tusen sju hundre sjekel gull, forutan halvmånane, øyreringane og purpurkleda som Midjan-kongane hadde hatt på seg, og lenkjene som kamelane deira hadde bore kring halsen.

<sup>27</sup> Av gullet laga Gideon seg ein efod som han sette opp i Ofra, heimbyen sin. Alle israelittane der kom og dreiv hor med efoden, og han vart til ei snare for Gideon og hans hus.

<sup>28</sup> Såleis måtte midjanittane bøya seg under israelittane, og dei lyfte aldri hovudet att. Sidan hadde landet fred i førti år, så lenge Gideon levde.

<sup>29</sup> Så gjekk Jerubbaal, son til Joasj, heim til sitt eige hus og vart buande der.

<sup>30</sup> Frå Gideon gjekk det ut sytti søner, for han hadde mange koner.

<sup>31</sup> Følgjekona han hadde i Sikem, fødde òg ein son til han, og han gav han namnet Abimelek.

<sup>32</sup> Gideon, son til Joasj, døydde i høg alder og vart lagd i grava til Joasj, far sin, i Ofra, byen til Abieser-slekta.

<sup>33</sup> Då Gideon var død, byrja israelittane å driva hor med Baal-gudane att. Dei gjorde Baal-Berit til sin gud.

<sup>34</sup> Israelittane tenkte ikkje på Herren sin Gud, som hadde berga dei frå alle fiendar rundt ikring.

<sup>35</sup> Dei viste ingen truskap mot Gideon, mot Jerubbaal og huset hans, trass i alt det gode han hadde gjort for Israel.

## Dommarane 9

### Kongedømet til Abimelek

<sup>1</sup> Abimelek, son til Jerubbaal, fór til morbrørne sine i Sikem. Han tala med dei og med heile slekta til morfaren sin og sa:

<sup>2</sup>«Gå no til alle menn med makt i Sikem og spør: Kva er best for dykk? Vil de ha sytti mann, alle sønene til Jerubbaal, til å rå over dykk, eller vil de at berre éin mann skal rå? Kom i hug at eg er av same bein og kjøt som de.»

<sup>3</sup>Då gjekk morbrørne og sa alt dette til alle menn i Sikem. Og hjartet deira vart vunne for Abimelek, for dei sa: «Han er jo ein av våre.»

<sup>4</sup>Så gav dei han sytti sjekel sølv frå tempelet til Baal-Berit. For dei leigde Abimelek nokre simple menn som gjekk og dreiv, og dei følgde han.

<sup>5</sup>Så fór han til huset åt far sin i Ofra. Der drap han brørne sine, sønene til Jerubbaal, sytti mann på éin stein. Berre Jotam, yngste sonen til Jerubbaal, vart att, for han hadde gøymt seg.

<sup>6</sup> Alle menn med makt i Sikem og alle som var i Bet-Millo, samla seg. Dei gjekk ut og gjorde Abimelek til konge, ved steinstøtte-eika i Sikem.

<sup>7</sup>Då Jotam fekk vita det, gjekk han opp på toppen av Garisim-fjellet. Han ropa høgt: Høyr på meg, de menn i Sikem, så skal Gud høyra på dykk!

<sup>8</sup>Ein gong gjekk trea for å salva ein konge. Dei sa til oliventreet: «Du skal vera konge over oss!»

<sup>9</sup>Men oliventreet svara: «Skulle eg gje avkall på oljen min som gudar og menneske blir æra med, og gje meg til å svaia over dei andre trea?»

<sup>10</sup>Då sa trea til fikentreet: «Kom du og ver konge over oss!»

<sup>11</sup>Fikentreet svara: «Skulle eg gje avkall på mi søte, gode frukt og gje meg til å svaia over dei andre trea?»

<sup>12</sup>Så sa dei til vintreet: «Kom du og ver konge over oss!»

<sup>13</sup> Vintreet svara: «Skulle eg gje avkall på den nye vinen som gjer gudar og menneske glade, og gje meg til å svaia over dei andre trea?»

<sup>14</sup> Då sa alle trea til klungeren: «Kom du og ver konge over oss!»

<sup>15</sup>Klungeren svara: «Er det verkeleg slik at de vil salva meg til konge, så kom og søk ly i skuggen min! Elles fer det eld ut frå klungeren, og han skal øyda sedrane på Libanon.»

- <sup>16</sup>Har de fare ærleg og trufast fram når de no har gjort Abimelek til konge? Gjorde de vel mot Jerubbaal og ætta hans og lét han få som han fortente?
- <sup>17</sup>Far min stridde for dykk, han våga livet og berga dykk ut av hendene på Midjan.
- <sup>18</sup>Men i dag har de reist dykk mot slekta til far min og drepe sønene hans, sytti mann på éin stein. De har gjort Abimelek, som er son til slavekvinna hans, til konge over Sikems menn fordi han er ein av dykk.
- <sup>19</sup>Har de i dag fare ærleg og trufast fram mot Jerubbaal og ætta hans, så gled dykk over Abimelek og lat han gleda seg over dykk!
- <sup>20</sup>Men har de ikkje det, skal det gå eld ut frå Abimelek og øydeleggja mennene i Sikem og Bet-Millo. Og eld skal gå ut frå mennene i Sikem og frå Bet-Millo og øydeleggja Abimelek.
- <sup>21</sup>Så rømde Jotam. Han flykta og fór til Beer. Der slo han seg ned så Abimelek, bror hans, ikkje kunne nå han.
- <sup>22</sup>I tre år styrte Abimelek i Israel.
- <sup>23</sup>Då sende Gud ei vond ånd mellom Abimelek og mennene i Sikem, så dei sveik Abimelek.
- <sup>24</sup>Dette hende for at valdsverket som vart gjort mot dei sytti sønene til Jerubbaal, kunne bli hemna. Blodet deira skulle koma både over deira eigen bror Abimelek, han som drap dei, og over mennene i Sikem, som støtta han så han kunne drepa brørne sine med egne hender.
- <sup>25</sup>Mennene i Sikem la folk i bakhald mot han på fjelltoppane, og dei rana alle som fór forbi dei på vegen. Dette fekk Abimelek vita.
- <sup>26</sup>Gaal, son til Ebed, kom til Sikem saman med brørne sine, og mennene i Sikem fekk tillit til han.
- <sup>27</sup>Dei gjekk ut og hausta vinmarkene sine og pressa druene. Så heldt dei fest. Dei gjekk inn i tempelet til guden sin, åt og drakk og banna Abimelek.

<sup>28</sup> Då sa Gaal, son til Ebed: «Kven er Abimelek, og kven er Sikem, at vi skulle tena han? Er han ikkje son til Jerubbaal, og er ikkje Sebul tilsynsmannen hans? Ten dei mennene som ættar frå Hamor, far til Sikem! Kvifor skulle vi tena denne mannen?

<sup>29</sup>Gjev eg hadde hand om dette folket, så skulle eg få Abimelek or vegen. Då skulle eg seia til han: Auk hæren din, Abimelek, og dra ut i strid!»

<sup>30</sup>Då Sebul, hovdingen i byen, fekk høyra kva Gaal, son til Ebed, hadde sagt, vart han rasande.

<sup>31</sup>Han sende i løynd bod til Abimelek og sa: «Høyr! Gaal, son til Ebed, er komen til Sikem saman med brørne sine, og dei øser opp byen mot deg.

<sup>32</sup>No i natt skal du ta i veg med det folket du har hos deg, og leggja deg i bakhald ute i ope lende.

<sup>33</sup>I morgon tidleg, når sola går opp, skal du rykkja fram og ta på byen. Då vil Gaal og folket hans fara ut imot deg, og du kan gjera med han det du maktar.»

<sup>34</sup>Abimelek tok ut om natta med alt det folket han hadde, og dei la seg i bakhald mot Sikem i fire grupper.

<sup>35</sup>Då Gaal, son til Ebed, gjekk ut og stod ved inngangen til byporten, kom Abimelek og folket hans fram frå bakhaldet.

<sup>36</sup>Gaal fekk auge på folket og sa til Sebul: «Sjå, det kjem folk ned frå fjelltoppane!» Sebul svara: «Det er skuggen av fjella du tek for menneske.»

<sup>37</sup>Men Gaal heldt fram: «Jau, det kjem folk ned frå verdsens navle, og ein annan flokk kjem på vegen frå Spåmannseika.»

<sup>38</sup>Då sa Sebul til han: «Kvar er no dei store orda dine? Var det ikkje du som sa: Kven er Abimelek, at vi skulle tena han? Sjå, her kjem desse folka du vørde så lite. Dra no ut og kjemp mot dei!»

<sup>39</sup>Då drog Gaal ut i spissen for mennene i Sikem og kjempa mot Abimelek.



<sup>40</sup>Men Abimelek sette etter han og dreiv han på flukt. Mange fall; det låg drepne heilt bort til byporten.

<sup>41</sup>Sidan slo Abimelek seg ned i Aruma. Og Sebul dreiv Gaal og brørne hans bort; dei fekk ikkje bu i Sikem.

<sup>42</sup>Dagen etter skulle Sikem-folket ut på marka. Då Abimelek fekk vita det,

<sup>43</sup>delte han hæren sin i tre flokkar og la seg i bakhald ute i ope lende. Då han såg at folka kom ut av byen, sette han på dei og slo dei.

<sup>44</sup>Abimelek og flokken som følgde han, sprang og stilte seg ved inngangen til byporten, medan dei to andre flokkane tok på alle som var ute på marka, og hogg dei ned.

<sup>45</sup> Abimelek kjempa mot byen heile dagen. Han tok byen, og folket som var der, slo han i hel. Byen reiv han ned og sådde han til med salt.

<sup>46</sup> Då mennene i Sikem-borga høyrde det, gjekk dei alle inn i kjellarrommet under El-Berit-tempelet.

<sup>47</sup>Så snart Abimelek fekk vita at alle menn i Sikem-borga hadde samla seg,

<sup>48</sup>gjekk han opp på Salmon-fjellet med alle mennene sine. Abimelek greip tak i ei øks og hogg greiner av trea. Han lyfte dei opp og la dei på skuldra. Så sa han til folka sine: «De ser kva eg har gjort. Skund dykk og gjer som eg.»

<sup>49</sup>Alt folket hogg kvar si bør med greiner og følgde etter Abimelek. Dei la greinene over kjellarrommet og sette fyr på dei over hovudet på dei som var der. Slik mista dei livet, alle som var i Sikem-borga òg, om lag tusen menn og kvinner.

<sup>50</sup>Sidan gjekk Abimelek mot Tebes. Han kringsette byen og tok han.

<sup>51</sup>Midt i byen var det eit festningstårn. Dit rømde alle menn og kvinner og alle dei mektige i byen. Dei stengde etter seg og gjekk opp på tårntaket.

<sup>52</sup>Abimelek gjekk fram mot tårnet og ville ta det. Men då han kom inntil porten i tårnet og ville setja eld på han,

<sup>53</sup> var det ei kvinne som kasta ein kvernstein i hovudet på Abimelek så skallen hans vart knust.

<sup>54</sup>Han ropa snøgt til våpenberaren sin: «Dra sverdet og drep meg, så det ikkje skal seiast at ei kvinne slo meg i hel!» Då stakk tenaren sverdet gjennom han, og han døydde.

<sup>55</sup>Då israelittane såg at Abimelek var død, gjekk dei heim, kvar til sitt.

<sup>56</sup>Såleis gav Gud Abimelek like for det vonde han gjorde mot far sin då han drap dei sytti brørne sine.

<sup>57</sup> Og alt det vonde som mennene i Sikem hadde gjort, lét Gud koma att over hovuda deira. Den forbanninga som Jotam, son til Jerubbaal, hadde lyst, kom over dei.

## **Dommarane 10**

### **Dommarane Tola og Ja'ir**

<sup>1</sup>Etter Abimelek stod Tola fram og berga Israel. Han var son til Pua, som var son til Dod av Jissakar-stammen og budde i Sjamir på Efraim-fjellet.

<sup>2</sup>Han var dommar i Israel i tjuetre år. Så døydde han og vart gravlagd i Sjamir.

<sup>3</sup>Etter han stod Ja'ir frå Gilead fram. Han var dommar i Israel i tjueto år.

<sup>4</sup> Han hadde tretti søner; dei reid på tretti esel og hadde tretti byar som enno i dag blir kalla Ja'irs teltbyar. Dei ligg i Gilead-landet.

<sup>5</sup>Så døydde Ja'ir og vart gravlagd i Kamon.

### **Ammonittane undertrykkjer Israel**

<sup>6</sup> På nytt gjorde israelittane det som var vondt i Herrens auge. Dei dyrka Baal-gudane og Astarte-bileta, dei dyrka gudane til folket i Aram, Sidon og Moab, og dei dyrka gudane til ammonittane og filistrane. Dei forlét Herren, dei tente ikkje han.

<sup>7</sup> Då flamma Herrens harme opp mot israelittane, og han gav dei i hendene på filistrane og ammonittane.

<sup>8</sup> Dette året knuste dei israelittane. I atten år undertrykte dei alle israelittane som budde aust for Jordan, i amorittlandet, i Gilead.

<sup>9</sup> Ammonittane sette jamvel over Jordan og gjekk til krig mot Juda, Benjamin og Efraims hus. Og israelittane kom i stor naud.

<sup>10</sup> Då ropa israelittane til Herren og sa: «Vi har synda mot deg. Vi har vendt oss bort frå vår Gud og dyrka Baal-gudane.»

<sup>11</sup> Herren svara: «Har eg ikkje frelst dykk frå egyptarane, amorittane, ammonittane og filistrane?

<sup>12</sup> Då sidonarane, amalekittane og midjanittane plaga dykk, ropa de til meg, og eg berga dykk ut av hendene deira.

<sup>13</sup> Men de forlét meg og dyrka andre gudar. Difor vil eg ikkje berga dykk meir.

<sup>14</sup> Gå og rop til dei gudane som de har valt! Lat dei frelsa dykk no når de er i naud.»

<sup>15</sup> Då sa israelittane til Herren: «Vi har synda. Gjer med oss som du synest, berre du vil hjelpa oss denne gongen!»

<sup>16</sup> Dei fjerna dei framande gudane dei hadde hos seg, og tente Herren. Då heldt han ikkje ut å sjå på Israels naud.

<sup>17</sup> Ammonittane samla seg til strid og slo leir i Gilead. Israelittane fylka seg og slo leir i Mispa.

<sup>18</sup> Då sa folket og hovdingane i Gilead til kvarandre: «Kvar er den mannen som vil gå først i striden mot ammonittane? Han skal vera hovding over alle som bur i Gilead.»

## Dommarane 11

### Jefta

<sup>1</sup> Jefta frå Gilead var ein djerv krigar. Han var son til ei prostituert kvinne, og Gilead var far til Jefta.

<sup>2</sup>Med kona si hadde Gilead òg søner. Då desse sønene vart vaksne, jaga dei Jefta bort og sa til han: «Du får ikkje noko av arven etter far vår, for du er son til ei anna kvinne.»

<sup>3</sup>Då rømde Jefta for brørne sine og slo seg ned i Tob-landet. Nokre simple menn som gjekk og dreiv, samla seg om Jefta og drog ut med han på tokta hans.

<sup>4</sup>Ei tid etter gjekk ammonittane til krig mot Israel.

<sup>5</sup>Då ammonittane gjekk til åtak på israelittane, tok dei eldste i Gilead ut og ville henta Jefta heim frå Tob.

<sup>6</sup>Dei sa til Jefta: «Kom og ver hærføraren vår, så vil vi kjempa mot ammonittane.»

<sup>7</sup>Men Jefta sa til dei eldste i Gilead: «Var det ikkje de som hata meg og dreiv meg bort frå farshuset mitt? Kvifor kjem de til meg no når de er i naud?»

<sup>8</sup>Dei eldste frå Gilead svara Jefta: «Det er då difor vi vender oss til deg att. Går du med oss og kjempar mot ammonittane, skal du vera hovdingen vår og rå over alle som bur i Gilead.»

<sup>9</sup>Då sa Jefta til dei eldste i Gilead: «Om de tek meg med heim for å kjempa mot ammonittane og Herren gjev dei i mi makt, skal eg vera hovdingen dykkar.»

<sup>10</sup>Dei eldste i Gilead svara: «Herren skal vera vitne mellom oss om vi ikkje gjer som du seier.»

<sup>11</sup>Då gjekk Jefta med dei eldste i Gilead, og folket gjorde han til hovding og hærførar. Framfor Herren i Mispa tok Jefta opp att alt han hadde sagt.

### **Jefta vann over ammonittane**

<sup>12</sup>Jefta sende bod til ammonittkongen og sa: «Har vi noko uoppgjort med kvarandre sidan du kjem hit og gjer åtak på landet mitt?»

**13** Ammonittkongen svara sendemennene frå Jefta: «Då Israel kom frå Egypt, tok dei landet mitt mellom Arnon og Jabbok, heilt bort til Jordan. Lat meg no få det att med det gode!»

**14** Endå ein gong sende Jefta bod til ammonittkongen

**15** og sa til han: Så seier Jefta: Israel har ikkje teke landet frå Moab eller ammonittane.

**16** Då Israel drog opp frå Egypt, gjekk dei gjennom ørkenen til Sivsjøen og kom til Kadesj.

**17** Då sende Israel bod til kongen i Edom og sa: «Lat oss få fara gjennom landet ditt!» Men kongen i Edom hørde ikkje på dei. Til Moab-kongen sende dei òg bod. Men heller ikkje han ville høyra på dei. Så gav Israel seg til i Kadesj.

**18** Då dei sidan heldt fram gjennom ørkenen, fór dei utanom Edom og Moab. Dei nådde områda aust for Moab og slo leir på hi sida av Arnon. Dei kom ikkje inn på Moabs grunn, for Arnon er grensa mot Moab.

**19** Så sende Israel bod til kongen i Hesjbon, amorittkongen Sihon, og sa til han: «Lat oss få fara gjennom landet ditt, så vi kjem dit vi skal.»

**20** Men Sihon trudde ikkje Israel så vel at han torde la dei fara gjennom landet sitt. Difor samla han heile hæren sin og slo leir ved Jahsa. Så gjekk han til krig mot Israel.

**21** Men Herren, Israels Gud, gav Sihon og heile hæren hans i hendene på israelittane, og Israel slo dei. Så tok Israel heile landet til amorittane som budde der.

**22** Heile amorittlandet tok dei, frå Arnon til Jabbok og frå ørkenen til Jordan.

**23** Det er Herren, Israels Gud, som har drive amorittane bort og gjeve landet til Israel, folket sitt. Og no vil du driva dei bort!

**24** Er det ikkje slik at det som Kemosj, guden din, lèt deg ta, det tek du, og alt det Herren vår Gud lèt oss ta, det tek vi?

<sup>25</sup>Er du så mykje betre enn Balak, son til Sippor, Moab-kongen? Stridde han mot Israel? Gjekk han til åtak på dei?

<sup>26</sup>No er det tre hundre år sidan Israel busette seg i Hesjbon og byane der omkring, i Aroer og byane der omkring og i alle byane langsmed Arnon. Kvifor har de ikkje teke dei att i heile denne tida?

<sup>27</sup> Eg har ikkje synda mot deg; men du gjer meg stor urett når du no går til krig mot meg. Herren, som er dommaren, skal i dag dømme mellom israelittane og ammonittane.

<sup>28</sup>Men ammonittkongen ville ikkje høyra på det sendemennene frå Jefta sa til han.

<sup>29</sup> Då kom Herrens ande over Jefta, og han fór gjennom Gilead og Manasse. Han fór heilt til Mispa i Gilead, og derifrå drog han ut mot ammonittane.

<sup>30</sup>Og Jefta gav Herren ein lovnad og sa: «Gjev du ammonittane i mine hender, <sup>31</sup> så skal den første som går ut gjennom husdøra mi og møter meg når eg kjem velberga tilbake frå krigen mot ammonittane, høyra Herren til. Eg skal bera han fram som brennoffer.»

<sup>32</sup>Så drog Jefta ut og kjempa mot ammonittane, og Herren gav dei over i hans hender.

<sup>33</sup> Han slo dei og tok landet frå Aroer til bort imot Minnit, med tjue byar, og området heilt til Abel-Keramim. Det vart eit stort mannefall, og ammonittane måtte bøya seg under israelittane.

### **Dotter til Jefta**

<sup>34</sup> Då Jefta kom heim att til Mispa, gjekk dotter hans ut imot han med handtrommer og dans. Ho var einaste barnet hans; utanom henne hadde han verken son eller dotter.

<sup>35</sup> Med det same han fekk sjå henne, reiv han sund kleda sine og ropa: «Å, dotter mi, for ei sorg du valdar meg, for ei ulukke du fører meg i! Eg har gjeve Herren ein lovnad, og eg kan ikkje ta att ordet mitt.»

<sup>36</sup>Då sa ho til han: «Far, har du gjeve Herren ein lovnad, så gjer med meg som du har sagt, sidan Herren lét deg få hemn over ammonittane, fiendane dine.

<sup>37</sup>Men éin ting ville eg gjerne at du gav meg lov til», sa ho til far sin. «Lat meg få vera fri i to månader, så eg kan gå omkring på fjella med veninnene mine og gråta over at eg må døy som jomfru.»

<sup>38</sup>«Gå du!» svara han, og han lét henne vera borte i to månader. Så gjekk ho på fjella med veninnene sine og gret over jomfrudomen sin.

<sup>39</sup>Men då dei to månadene var til ende, kom ho heim att til far sin, og han gjorde med henne det som han hadde lova. Ho hadde aldri vore nær nokon mann. Sidan har det vore ein skikk i Israel

<sup>40</sup>at isrealittiske døtrer fire dagar i året går ut og syng klagesongar til minne om dotter til Jefta frå Gilead.

## Dommarane 12

### Jefta kjempar mot Efraim

<sup>1</sup>Mennene i Efraim samla seg til strid og fór nordover. Dei sa til Jefta: «Kvifor sende du ikkje bod etter oss så vi kunne ha vore med då du drog av stad og ville kjempa mot ammonittane? No vil vi setja eld på huset ditt og brenna deg inne.»

<sup>2</sup>Jefta svara: «Eg og folket mitt låg i hard strid med ammonittane. Då sende eg bod på dykk, men de berga meg ikkje frå hendene deira.

<sup>3</sup>Og då eg såg at de ikkje ville hjelpa, våga eg livet og gjekk mot ammonittane, og Herren gav dei i hendene mine. Kvifor kjem de no opp og vil kjempa mot meg?»

<sup>4</sup>Så samla Jefta alle mennene i Gilead til strid mot Efraim. Og Gilead-mennene hogg efraimittane ned; for dei hadde sagt: «De er flyktingar frå Efraim, de Gilead-folk, midt mellom folk frå Efraim og folk frå Manasse.»

<sup>5</sup>Gilead-mennene stengde vadestadene over Jordan for efraimittane. Kvar gong det kom ein efraimitt som hadde rømt, og ville sleppa over, spurde dei: «Er du frå Efraim?» Svara han nei,

<sup>6</sup>sa dei til han: «Sei sjibbolet!» Sa han då «sibbolet», fordi han ikkje kunne uttala ordet rett, greip dei han og drap han der ved vadestadene over Jordan. Den gongen fall det førtito tusen mann av Efraim.

<sup>7</sup>Jefta frå Gilead var dommar i Israel i seks år. Så døydde han og vart gravlagd i heimbyen sin i Gilead.

### **Andre dommarar**

<sup>8</sup>Etter Jefta var Ibsan frå Betlehem dommar i Israel.

<sup>9</sup>Han hadde tretti søner. Tretti døtrer gifte han bort, og tretti svigerdøtrer henta han heim. Han styrte Israel i sju år.

<sup>10</sup>Så døydde Ibsan og vart gravlagd i Betlehem.

<sup>11</sup>Etter han vart Elon frå Sebulon dommar i Israel. Han styrte Israel i ti år.

<sup>12</sup>Så døydde Elon og vart gravlagd i Ajjalon i Sebulon-landet.

<sup>13</sup>Etter han vart Abdon, son til Hillel frå Piraton, dommar i Israel.

<sup>14</sup>Han hadde førti søner og tretti soner. Dei reid på sytti esel. Han styrte Israel i åtte år.

<sup>15</sup>Så døydde Abdon, son til Hillel frå Piraton, og vart gravlagd i Piraton i Efraim-landet, på amalekittfjellet.

## **Dommarane 13**

### **Samson blir fødd**

<sup>1</sup>På nytt gjorde israelittane det som var vondt i Herrens auge. Då gav Herren dei i hendene på filistrane i førti år.

<sup>2</sup>Det var ein mann frå Sora, frå Dan-slekta, han heitte Manoah. Kona hans var barnlaus; ho kunne ikkje få born.

<sup>3</sup>Herrens engel synte seg for henne og sa: «Eg veit at du er barnlaus og ikkje kan få born. Men du skal bli med barn og føda ein son.

<sup>4</sup>Pass difor på at du ikkje drikk vin eller sterk drikk og ikkje et noko ureint!



<sup>5</sup> For sjå, du skal bli med barn og føda ein son. Det må aldri koma rakekniv på hovudet hans, for guten skal vera ein Guds nasirear alt frå mors liv, og med han skal berginga av Israel frå filistrane ta til.»

<sup>6</sup> Kvinna gjekk til mannen sin og sa: «Det kom ein gudsmann til meg. Han var å sjå til som Guds engel og fylte meg med redsle. Eg spurde ikkje kvar han var ifrå, og ikkje sa han meg namnet sitt.

<sup>7</sup> Han sa til meg: Du skal bli med barn og få ein son. Drikk no ikkje vin eller sterk drikk og et ikkje noko ureint! For guten skal vera ein Guds nasirear frå mors liv og til sin døyande dag.»

<sup>8</sup> Då bad Manoah til Herren og sa: «Høyr meg, Herre! Lat den gudsmannen som du sende, koma hit att og læra oss kva vi skal gjera med guten som skal bli fødd.»

<sup>9</sup> Gud hørde Manoahs bøn. Guds engel kom att til kvinna ein gong ho sat utpå marka og Manoah, mannen hennar, ikkje var med henne.

<sup>10</sup> Då skunda kvinna seg og sprang heim og fortalde mannen sin: «No har han synt seg for meg att, den mannen som kom til meg her om dagen.»

<sup>11</sup> Manoah reiste seg og følgde kona si. Då han kom ut til mannen, spurde han: «Er du den mannen som tala til kona mi?» «Ja», svara han.

<sup>12</sup> Då sa Manoah: «Når det no går som du har sagt, korleis skal vi då oppføra oss overfor guten, og kva skal vi gjera med han?»

<sup>13</sup> Herrensengel svara Manoah: «Alt det eg nemnde for kona di, må ho passa seg for.

<sup>14</sup> Ho må ikkje eta noko som kjem frå vintreet, ikkje drikk vin eller sterk drikk og ikkje eta noko ureint. Alt det eg har pålagt henne, skal ho halda seg etter.»

<sup>15</sup> Då sa Manoah til Herrens engel: «Vil du ikkje stansa ei stund så vi får stella til eit kje for deg?»

<sup>16</sup>Men Herrens engel svara Manoah: «Om du får meg til stansa, et eg likevel ikkje av maten din. Men vil du laga til eit brennoffer, skal du ofra det til Herren!» Manoah visste ikkje at det var Herrens engel.

<sup>17</sup> Difor sa han til Herrens engel: «Kva er namnet ditt, så vi kan æra deg når det hender, det du har sagt?»

<sup>18</sup>Då sa Herrens engel: «Kvifor spør du om namnet mitt? Det er eit underfullt namn!»

<sup>19</sup>Så tok Manoah kjeet og grødeofferet og ofra det der på berget til Herren, han som gjer under. Medan Manoah og kona hans stod og såg på,

<sup>20</sup> hende det noko. Då logen steig opp frå altaret mot himmelen, fór Herrens engel opp i logen frå altaret. Då Manoah og kona hans såg det, kasta dei seg ned med andletet mot jorda.

<sup>21</sup>Herrens engel synte seg ikkje oftare for Manoah og kona hans. Då skjøna Manoah at det var Herrens engel,

<sup>22</sup> og han sa til kona si: «No må vi døy, for vi har sett Gud.»

<sup>23</sup>Men kona svara: «Hadde Herren vilja drepa oss, hadde han ikkje teke imot brennoffer og grødeoffer av oss. Han hadde ikkje late oss sjå alt dette og ikkje høyra slikt som vi har høyrte.»

<sup>24</sup> Kona fødde ein son og kalla han Samson. Guten voks opp, og Herren velsigna han.

<sup>25</sup> Og Herrens ande tok til å driva han medan han var i Dan-leiren mellom Sora og Esjtaol.

## **Dommarane 14**

### **Samsons giftarmål**

<sup>1</sup>Ein gong gjekk Samson ned til Timna. Der fekk han sjå ei kvinne, ei av døtrene til filistrane.

<sup>2</sup>Då han kom heim att, fortalde han det til far sin og mor si: «I Timna såg eg ei av døtrene til filistrane», sa han. «Henne må de la meg få til kone.»

<sup>3</sup>Foreldra sa til han: «Finst det ikkje døtrer i slekta di eller ei einaste kvinne i folket vårt, sidan du vil gå av og få deg ei kone hos dei uomskorne filistrane?» Men Samson sa til far sin: «Henne må du la meg få, ho er den rette for meg.»

<sup>4</sup>Foreldra skjøna ikkje at dette kom frå Herren, og at han søkte eit høve til strid mot filistrane. Dei var det som herska i Israel den gongen.

<sup>5</sup>Så gjekk Samson og foreldra hans ned til Timna. Då dei nådde vinmarkene utanfor byen, kom ei ung løve brølande imot han.

<sup>6</sup>Då kom Herrens ande over han, og han tok løva og reiv henne sund med berre nevane som det skulle vore eit kje. Men han fortalde ikkje foreldra sine kva han hadde gjort.

<sup>7</sup>Så gjekk han ned og snakka med kvinna, og Samson lika henne godt.

<sup>8</sup>Ei tid etter vende han attende og ville gifta seg med henne. Han tok av frå vegen og ville sjå den løva han hadde drepe. Då fann han ein bisverm og honning i løvekroppen.

<sup>9</sup>Han skrapa honningen ut, heldt han i hendene og åt medan han gjekk frametter. Då han kom til foreldra sine, gav han dei òg, og dei åt. Men han sa ikkje at han hadde funne honningen i løvekroppen.

<sup>10</sup>Då far hans kom ned til kvinna, gjorde Samson ein fest der, slik dei unge mennene brukte å gjera.

<sup>11</sup>Så snart dei fekk sjå han, fann dei tretti bruresveinar til han; dei var støtt med han.

<sup>12</sup>Samson sa til dei: «Lat meg gje dykk ei gåte. Løyser de henne og kjem med svaret til meg rett før dei sju festdagane er ute, skal eg gje dykk tretti linskjorter og tretti festdrakter.

<sup>13</sup>Men kan de ikkje løysa henne, skal de gje meg tretti linskjorter og tretti festdrakter.» Dei svara: «Sei fram gåta di, så vi får høyra henne.»

<sup>14</sup>Då sa han: «Av ein etar kom etande, av den sterke kom søtt.» Så gjekk det tre dagar, men dei hadde ikkje løyst gåta.

<sup>15</sup>Den fjerde dagen sa dei til brura: «Lokk mannen din til å seia oss løysinga på gåta. Elles brenner vi både deg og folket ditt. Det er vel ikkje for å plyndra oss at de har bede oss hit?»

<sup>16</sup>Då gjekk brura til Samson og gret og bar seg. «Du elsker meg ikkje», sa ho, «du hatar meg visst. For du har gjeve landsmennene mine ei gåte, men du har ikkje gjeve meg svaret.» Han svara: «Eg har ikkje eingong sagt det til far og mor, skulle eg så seia det til deg!»

<sup>17</sup>Men ho gret og bar seg for han alle dei sju dagane festen varte. Og den sjuande dagen sa han det til henne, sidan ho plaga han slik. Så løyste ho gåta for landsmennene sine.

<sup>18</sup>Før sola gjekk ned den sjuande dagen, kom mennene i byen og sa til han: «Kva er søtare enn honning, kva er sterkare enn løva?» Samson svara: «Hadde de ikkje pløgd med mi kvige, hadde de ikkje løyst gåta mi.»

<sup>19</sup> Då kom Herrens ande over han, og han gjekk ned til Asjkalon og slo i hel tretti mann. Så tok han kleda deira og lét dei som hadde løyst gåta, få dei til festdrakter. I fullt sinne drog han heim att til far sin.

<sup>20</sup>Men kona til Samson vart gjeven til den fremste av bruresveinane.

## Dommarane 15

### Samson hemnar seg på filistrane

<sup>1</sup>Ei tid seinare, ein dag i kveiteskurden, kom Samson og ville sjå om kona si. Han hadde med seg eit kje. «Lat meg få koma inn i rommet til kona mi!» sa han. Men far hennar ville ikkje gje han lov til det.

<sup>2</sup>Han sa: «Eg tenkte så visst at du ikkje lika henne meir, og så gav eg henne til bruresveinen din. Kan du ikkje ta veslesyster hennar i staden? Ho er då mykje vakrare.»

<sup>3</sup>Då sa Samson: «Denne gongen er eg fri for skuld om eg gjer filistrane noko vondt.»

<sup>4</sup>Så gjekk Samson av stad og fanga tre hundre revar. Han fann seg faklar, batt revane i hop etter halane, to og to, og feste ein fakkell mellom kvart halepar.

<sup>5</sup>Så tende han faklane og sleppte revane inn på åkrane til filistrane. Slik brende han opp kornet, både det skorne og det uskorne, ja, til og med vinmarker og olivenhagar.

<sup>6</sup>Filistrane spurde kven som hadde gjort dette, og folk svara: «Samson, svigersonen til Timna-mannen. Han gjorde det fordi svigerfaren tok kona hans og gav til bruresveinen.» Så drog filistrane opp og brende inne både kona og far hennar.

<sup>7</sup>Då sa Samson til dei: «Er det slik de gjer, skal eg så visst ikkje kvila før eg får hemna meg på dykk.»

<sup>8</sup>Og han slo dei sønder og saman, og det vart eit stort mannefall. Sidan drog han ned til Etam-juvet og gav seg til der.

<sup>9</sup>No kom filistrane opp i Juda og slo leir der, og dei spreidde seg utover i Lehi.

<sup>10</sup>Mennene i Juda spurde: «Kvifor kjem de hit og tek på oss?» Dei svara: «Vi vil binda Samson og gjera med han som han har gjort med oss.»

<sup>11</sup>Då fór tre tusen judearar ned til Etam-juvet og sa til Samson: «Veit du ikkje at filistrane herskar over oss? Kvifor har du gjort dette mot oss?» Han svara: «Som dei gjorde mot meg, har eg gjort mot dei.»

<sup>12</sup>Då sa dei: «Vi er komne hit for å binda deg og gje deg over i hendene på filistrane.» Samson sa: «Gjer eid på at de ikkje vil overfalla meg.»

<sup>13</sup>Dei svara: «Nei, vi vil berre binda deg og gje deg over i hendene deira; vi skal ikkje drepa deg.» Så batt dei han med to nye reip og førte han opp or juvet.

<sup>14</sup>Då han kom til Lehi, sprang filistrane imot han med høge rop. Då kom Herrens ande over han. Det var som reipa om armene hans var brend lintråd, banda løyste seg opp i trevlar og fall ned frå hendene på han.

<sup>15</sup>Så fann han eit friskt kjevebein av eit esel; det greip han og slo i hel tusen mann med det.

<sup>16</sup>Då sa Samson: «Med kjeven av eit esel slo eg ein flokk, ja, to, med kjeven av eit esel slo eg tusen mann.»

<sup>17</sup>Då han hadde sagt dette, kasta han kjevebeinet frå seg. Sidan kalla dei den staden Kjevebeinhaugen.

<sup>18</sup>Men så vart Samson brennande tørst, og han ropa til Herren: «Du har gjeve tenaren din denne store sigeren. Skal eg no døy av tørste og falla i hendene på dei uomskorne?»

<sup>19</sup>Då opna Gud den hòla som er i Lehi, og det rann vatn or henne. Samson fekk drikka, livskrafta kom att, og han kvikna til. Difor kalla dei kjelda Roparkjelda. Ho er i Lehi den dag i dag.

<sup>20</sup>Samson var dommar i Israel i tjue år. Det var i filistartida.

## **Dommarane 16**

<sup>1</sup>Ein gong kom Samson til Gaza. Der fekk han sjå ei kvinne som var prostituert, og han gjekk inn til henne.

<sup>2</sup>Då folk i Gaza fekk vita at Samson var komen dit, omringa dei han og lurte på han attmed byporten heile natta. Men dei heldt seg i ro så lenge det var natt, og sa: «Vi ventar til det lysnar av dag; då skal vi slå han i hel.»

<sup>3</sup>Samson vart liggjande til midnatt; då stod han opp. Han tok tak i dei to dørene i byporten og dei to portstolpane, rykte dei opp saman med portbommen og la dei på skuldrene. Så bar han dei opp på toppen av det fjellet som ligg midt for Hebron.

### **Samson og Dalila**

<sup>4</sup>Sidan vart Samson glad i ei kvinne i Sorek-dalen. Ho heitte Dalila.

<sup>5</sup>Då kom hovdingane over filistarbyane opp til henne og sa: «Sjå om du kan få lokka han til å seia kvar han har den store styrken sin frå, og korleis vi kan

rå med han og binda han, så vi får bukt med han. Så skal kvar av oss gje deg elleve hundre sjekel sølv.»

<sup>6</sup>Då sa Dalila til Samson: «Kjære, fortel meg kvar du har den store styrken din frå, og korleis du kan bindast, så ein får bukt med deg.»

<sup>7</sup>Samson svara: «Dersom dei bind meg med sju rå senestrenger som ikkje har tørka, så veiknar eg og blir som eit anna menneske.»

<sup>8</sup>Då kom hovdingane over filistarbyane opp til henne med sju rå senestrenger som ikkje hadde tørka. Dei batt ho han med,

<sup>9</sup>og i rommet innanfor hadde ho folk som sat på lur. Så ropa ho: «Filistrane er over deg, Samson!» Då sleit han av strengene; dei brast som ein strytråd når han kjem nær elden. Og ingen fekk vita kvar han hadde styrken sin frå.

<sup>10</sup>Så sa Dalila til Samson: «Du har narra meg og loge for meg. No må du fortelja meg korleis du kan bindast!»

<sup>11</sup>Han svara: «Dersom dei bind meg godt med nye reip som aldri har vore brukte til noko, så veiknar eg og blir som eit anna menneske.»

<sup>12</sup>Dalila tok nye reip og batt han med, og så ropa ho til han: «Filistrane er over deg, Samson!» I rommet innanfor sat det folk på lur, men han sleit reipa av armane sine som var det ein tynn tråd.

<sup>13</sup>Då sa Dalila til han: «Til no har du narra meg og loge for meg. Fortel meg korleis du kan bindast!» Han svara: «Ja, dersom du vev dei sju hårflettene mine saman med renninga i veven.»

<sup>14</sup> Dalila byssa han i søvn, vov dei sju hårflettene hans inn i veven og støyte pluggen fast. Så ropa ho: «Filistrane er over deg, Samson!» Då vakna han or søvnen og reiv ut både vevpluggen og renninga.

<sup>15</sup>Så sa ho til han: «Korleis kan du seia at du elskar meg når du ikkje har tiltru til meg? No har du narra meg tre gonger og ikkje sagt kvar du har den store styrken din frå.»

<sup>16</sup>Som ho plaga han med maset sitt dag ut og dag inn og aldri lét han få fred, vart han så lei seg at han mest ville døy.

<sup>17</sup>Så sa han henne heile sanninga: «Det har aldri kome rakekniv på hovudet mitt; for eg har vore ein Guds nasirear heilt frå mors liv. Blir eg raka, fer styrken min frå meg; eg veiknar og blir som alle andre menneske.»

<sup>18</sup>Då skjøna Dalila at han hadde sagt henne heile sanninga. Ho sende bod etter hovdingane over filistarbyane og sa: «No kan de koma! Denne gongen har han fortalt meg heile sanninga.» Då kom hovdingane over filistarbyane opp til henne, og pengane hadde dei med seg.

<sup>19</sup>No fekk ho Samson til å sovna i fanget sitt. Ho ropa på ein mann og lét han raka av dei sju hårflettene på hovudet hans. Så tok ho til å plaga han, og styrken hans var borte.

<sup>20</sup>Så ropa ho: «Filistrane er over deg, Samson!» Då vakna han or søvnen og tenkte: «Eg skal nok riva meg laus og rista meg fri, slik som dei andre gongene.» For han visste ikkje at Herren hadde vendt seg frå han.

<sup>21</sup>Filistrane tok Samson og stakk ut auga på han. Dei førte han ned til Gaza og batt han med bronselenkjer. Så sette dei han til å mala korn i fangehuset.

<sup>22</sup>Men håret hans tok til å veksa med det same det var raka.

<sup>23</sup>Hovdingane over filistarbyane kom no saman og bar fram eit stort slaktoffer for Dagon, guden sin, og heldt fest. Dei sa: «Vår gud har gjeve Samson, fienden vår, i våre hender.»

<sup>24</sup>Og då folket fekk sjå han, lova dei guden sin og sa: «Vår gud har gjeve fienden vår i våre hender, han som herja landet vårt og drap så mange.»

<sup>25</sup>Som dei no var komne i godlag, ropa dei: «Hent Samson hit, så vi kan ha moro med han.» Så henta dei Samson or fangehuset, og dei hadde moro med han. Dei stilte han opp mellom søylene.

<sup>26</sup>Då sa Samson til guten som leidde han: «Plasser meg slik at eg kan halda i dei søylene som huset kviler på, og stø meg til dei.»



<sup>27</sup>Huset var fullt av menn og kvinner, og alle hovdingane over filistarbyane var der. Og på taket var det om lag tre tusen menn og kvinner som såg på at dei hadde moro med Samson.

<sup>28</sup>Då ropa Samson til Herren og sa: «Min Herre og Gud, hugs på meg og styrk meg denne eine gongen, Gud, så eg får hemna meg på filistrane for det eine av auga mine.»

<sup>29</sup>Samson tok tak om dei to midtsøylene som huset kvilte på, ei med høgre og ei med venstre armen, og la seg mot dei.

<sup>30</sup>Samson sa: «Lat meg få døy saman med filistrane!» Så tok han i med all si makt. Då ramla huset i hop over byhovdingane og over alt folket som var der. Og dei han drap då han døydde, var fleire enn dei han hadde drepe medan han levde.

<sup>31</sup> Brørne hans og heile familien til far hans kom ned og henta han. Dei førte han heim og la han i grava til Manoah, far hans, mellom Sora og Esjtaol. Då hadde han vore dommar i Israel i tjue år.

## Dommarane 17

### Heilagdomen til Mika

<sup>1</sup>I Efraim-fjella budde det ein mann som heitte Mika.

<sup>2</sup>Ein dag sa han til mor si: «Dei elleve hundre sjekel sølv som vart tekne frå deg – eg høyrde sjølv at du uttala forbanninga – dei pengane er hos meg; det er eg som har teke dei.» Mor hans sa: «Herren velsigne deg, son min!»

<sup>3</sup>Då han gav dei elleve hundre sjekel sølv tilbake til mor si, sa ho: «Eg helgar desse pengane til Herren og gjev dei til son min for å få laga eit utskore gudebilete og eit støypt bilete. No gjev eg dei tilbake til deg.»

<sup>4</sup>Han gav pengane til mora, som tok to hundre sjekel og gav dei til ein gullsmed. Han laga eit utskore gudebilete og eit støypt bilete; dei stod sidan i huset til Mika.

<sup>5</sup> Mika hadde eit gudshus. Han hadde laga ein efod og nokre terafar og sett ein av sønene sine til å vera prest for seg.

<sup>6</sup>I dei dagane var det ingen konge i Israel. Kvar gjorde som han sjølv fann for godt.

<sup>7</sup>Det var ein ung mann frå Betlehem i Juda, frå Juda-slekta. Han var ein levitt som hadde slege seg ned der.

<sup>8</sup>Mannen drog frå den byen, frå Betlehem i Juda, for å finna ein plass der han kunne slå seg ned. På ferda si kom han til huset åt Mika i Efraim-fjella.

<sup>9</sup>Mika spurde han: «Kvar kjem du frå?» Han svara: «Eg er ein levitt frå Betlehem i Juda, og no er eg ute og ferdast og vil finna ein plass der eg kan slå meg ned.»

<sup>10</sup>Då sa Mika til han: «Ver her hos meg og ver far og prest for meg! Eg skal gje deg ti sjekel sølv i året og halda deg med mat og klede.» Levitten kom,

<sup>11</sup>og han gjekk med på å vera hos mannen og vart som ein av sønene hans.

<sup>12</sup>Mika sette den unge levitten til prest hos seg, og han vart verande i huset til Mika.

<sup>13</sup>Mika sa: «No veit eg at Herren vil gjera vel mot meg, sidan eg har fått ein levitt til prest.»

## **Dommarane 18**

### **Dan slår seg ned i nord**

<sup>1</sup>I dei dagane var det ingen konge i Israel, og Dan-stammen leita etter eit eige område der dei kunne busetja seg. For det hadde ikkje falle nokon eigedom på dei mellom stammene i Israel.

<sup>2</sup>Dans etterkomarar sende då ut fem mann av ætta si, av deira eigne, djerve menn frå Sora og Esjtaol. Dei skulle spionera i landet og utforska det. Og dei sa til dei: «Gå av stad og utforsk landet!» Mennene kom til huset åt Mika i Efraim-fjella og overnatta der.

<sup>3</sup>Då dei var i nærleiken av huset til Mika, kjende dei att røysta til den unge levitten. Så tok dei av frå vegen og spurde han: «Kven har ført deg hit? Kva gjer du her, og kvifor er du her?»

<sup>4</sup>Då fortalde han om alt det Mika hadde gjort for han. «Han har teke meg i si teneste», sa han, «eg er prest hos han.»

<sup>5</sup>Då sa dei: «Spør Gud for oss, så vi får vita om den ferda vi er ute på, skal lukkast.»

<sup>6</sup>Presten svara: «Far i fred! Herren skal ha auge med vegen der de ferdast.»

<sup>7</sup>Så fór dei fem mennene og kom til Lajisj. Dei såg at folket der på staden levde sorglaust på same måten som sidonarane: roleg og sorglaust. Ingen som hadde makt i landet, gjekk dei for nær. Langt borte var dei frå sidonarane og hadde ikkje noko å gjera med andre folk.

<sup>8</sup>Då mennene kom heim att, spurde brørne deira i Sora og Esjtaol: «Korleis gjekk det?»

<sup>9</sup>Dei svara: «Kom, lat oss fara opp mot dei! Vi har sett at det er eit framifrå land. Og de sit i ro her! Dryg ikkje med å dra av stad og ta landet!

<sup>10</sup>Når de kjem dit, kjem de til eit sorglaust folk. Landet er romsleg og vidt. Gud har gjeve det i hendene dykkar. Dette er eit land der det ikkje vantar nokon verdsens ting.»

<sup>11</sup>Så tok dei i veg, seks hundre fullvæpna menn av Dan-slekta, frå Sora og Esjtaol.

<sup>12</sup> Då dei var komne opp i høgda, slo dei leir i Kirjat-Jearim i Juda. Difor har den staden vorte kalla Dan-leiren heilt til denne dag. Han ligg vest for Kirjat-Jearim.

<sup>13</sup>Derifrå drog dei over Efraim-fjella og kom til huset åt Mika.

<sup>14</sup> Dei fem mennene som hadde gått og spionert i Lajisj-landet, sa då til brørne sine: «Veit de at i desse husa er det ein efod, nokre terafar, eit utskore gudebilete og eit støypt bilete? No veit de vel kva de har å gjera.»

<sup>15</sup>Så tok dei vegen dit og kom til huset åt Mika der den unge levitten budde, og dei helsa på han.

<sup>16</sup>Medan dei seks hundre fullvæpna mennene av Dan-stammen vart ståande i porten,

<sup>17</sup>gjekk dei fem som hadde vore og spionert i landet, opp til huset. Dei gjekk inn og tok det utskorne gudebiletet, efoden, terafane og det støypte biletet. Presten stod nede ved porten saman med dei seks hundre fullvæpna mennene.

<sup>18</sup>Dei andre hadde gått inn i huset til Mika og henta det utskorne gudebiletet, efoden, terafane og det støypte biletet. Då sa presten til dei: «Kva er det de gjer?»

<sup>19</sup> «Tei stille!» svara dei. «Hald handa for munnen! Kom heller med oss og ver far og prest for oss! Er det ikkje betre for deg å vera prest for ein stamme og ei ætt i Israel enn for huset til ein einskild mann?»

<sup>20</sup>Då vart presten glad. Han tok efoden, terafane og det utskorne gudebiletet og gav seg i lag med flokken.

<sup>21</sup>Så snudde dei og gjekk. Og borna, buskapen og det dei eigde, hadde dei fremst i ferda.

<sup>22</sup>Dei var alt komne langt ifrå huset der Mika budde, før mennene i grannelaget til Mika fekk samla seg. Då dei nådde att danittane

<sup>23</sup>og ropa på dei, snudde danittane seg og sa til Mika: «Kva er det du vil, sidan du har samla folka dine?»

<sup>24</sup>Han svara: «De har teke gudane mine som eg har laga, og drege av garde med presten min. Kva har eg så att? Og endå spør de meg kva eg vil!»

<sup>25</sup>Då sa danittane til han: «Lat oss ikkje høyra eit ord meir av deg! Elles kunne misnøgde folk slå dykk ned og drepa både deg og dine.»

<sup>26</sup>Så fór danittane sin veg. Og då Mika såg at dei var for sterke for han, snudde han og drog heim att.

<sup>27</sup>Då dei hadde teke det som Mika hadde laga, og presten som var hos han, drog dei mot Lajisj og mot det rolege og sorglause folket der. Folket hogg dei ned med sverd, byen brende dei med eld,

<sup>28</sup>og det var ingen som hjelpte. For dei budde langt frå Sidon og hadde ikkje noko å gjera med andre folk. Byen låg i den dalen som høyrer Bet-Rehob til. Dei bygde han opp att og busette seg der.

<sup>29</sup>Dei kalla byen Dan etter stamfar sin, son til Israel. Før heitte byen Lajisj.

<sup>30</sup> Der sette dei opp det utskorne gudebiletet, og etterkomarane av Jonatan og Jonatan sjølv, som var son til Gersjom og soneson til Moses, var prestar for Dan-stammen heilt til den dagen då folket vart bortført frå landet.

<sup>31</sup> Det utskorne gudebiletet som Mika hadde laga, vart ståande hos dei så lenge Guds hus var i Sjilo.

## Dommarane 19

### Ugjerninga i Gibe

<sup>1</sup> I dei dagane då det ikkje fanst nokon konge i Israel, var det ein mann, ein levitt, som heldt til lengst inne på Efraim-fjella. Han tok seg ei følgjekone frå Betlehem i Juda.

<sup>2</sup>Men kona var utru mot han og drog ifrå han og heim til far sin, til Betlehem i Juda. Då ho hadde vore der i om lag fire månader,

<sup>3</sup>tok mannen ut og kom etter henne. Han ville tala venleg til henne og få henne til å koma att. Han hadde med seg tenesteguten sin og eit par esel. Ho leidde han inn i huset til far sin, og då far til jenta såg han, vart han glad og tok imot han med glede.

<sup>4</sup>Svigerfar hans, far til jenta, heldt på han, så han vart verande der i tre dagar. Dei åt og drakk, og dei fekk vera der om natta.

<sup>5</sup>Tidleg om morgonen fjerde dagen gjorde mannen seg ferdig og ville ta i veg. Men far til jenta sa til svigerson sin: «Få deg først litt mat til å styrkja deg på, så kan de fara.»

<sup>6</sup>Så sette dei seg ned begge to og åt og drakk i lag. Far til jenta sa til mannen: «Gjer vel og ver til i morgon og hygg deg her!»

<sup>7</sup>Og då mannen reiste seg og ville gå, nøydde svigerfaren han, så han gav seg og vart der om natta.

<sup>8</sup>Morgonen etter, den femte dagen, var han tidleg oppe og ville fara av stad. Då sa far til kona: «Få deg no først litt å styrkja deg på, og vent så til det lid på dagen!» Så åt dei saman, dei to.

<sup>9</sup>Då mannen gjorde seg klar til å gå, saman med følgjekona si og tenesteguten, sa svigerfar hans, far til jenta: «No lid det alt til kvelds, ver her i natt! Sjå, dagen hallar, ver her og hygg deg! I morgon tidleg kan de ta i veg, så du kjem heim att.»

<sup>10</sup>Men mannen ville ikkje gje seg til der om natta. Han gjorde seg ferdig og tok ut og gjekk til han kom midt for Jebus, det er Jerusalem. Han hadde med seg eit par esel med kløv, og følgjekona var med han.

<sup>11</sup>Då dei kom bort imot Jebus, var det langt på dag, og tenesteguten sa til herren sin: «Kom, lat oss ta inn i denne jebusittbyen og vera der om natta!»

<sup>12</sup> Men herren svara: «Nei, vi vil ikkje ta inn i ein by der det berre bur framande og ikkje israellittar. Vi vil halda fram til Gibeaa.»

<sup>13</sup>Så sa han til tenesteguten: «Kom, lat oss gå til Gibeaa eller Rama og få oss hus i ein av dei byane.»

<sup>14</sup>Så heldt dei fram, og då sola gjekk ned, var dei tett ved Gibeaa, som høyrer til Benjamin.

<sup>15</sup>Der tok dei av vegen og gjekk inn i Gibeaa og ville få seg hus for natta. Då han kom inn i byen, sette han seg på torget, for det var ingen som baud dei hus.

<sup>16</sup>Utpå kvelden kom det ein gammal mann heim frå arbeidet sitt ute på marka. Han var frå Efraim-fjella, men budde i Gibeaa. Elles var folket der på staden benjaminittar.

<sup>17</sup>Då den gamle mannen såg opp, fekk han auge på ferdamannen på torget og sa til han: «Kvar skal du, og kvar kjem du frå?»

<sup>18</sup>Han svara: «Vi kjem frå Betlehem i Juda og skal langt bort på Efraim-fjella, der eg er ifrå. Eg har vore i Betlehem i Juda og er no på veg til Herrens hus. Men her er det ingen som vil gje meg husrom,

<sup>19</sup>endå vi både har halm og fôr til esla våre og brød og vin til meg sjølv og tenestekvinna di, og til tenesteguten som tenaren din har med seg. Vi manglar ingen ting.»

<sup>20</sup>Då sa den gamle mannen: «Fred vere med deg! Lat berre meg sørgja for alt det du treng! På torget må du ikkje vera i natt.»

<sup>21</sup> Så følgde han mannen inn i huset sitt og fann fram fôr til esla hans. Då dei hadde vaska føtene, fekk dei mat og drikke.

<sup>22</sup> Medan dei sat og hygde seg, kom nokre av mennene i byen, gudlause folk som dei var, og omringa huset. Dei dundra på døra og ropa til den gamle mannen som eigde huset: «Send ut den mannen som har teke inn hos deg, så vi kan få viljen vår med han!»

<sup>23</sup>Då gjekk huseigaren ut til dei og sa: «Nei, brør, gjer ikkje noko vondt! Sidan denne mannen no er komen inn i huset mitt, må de ikkje gjera så stygg ei gjerning!

<sup>24</sup>Sjå, her er dotter mi, som er jomfru, og følgjekona hans; dei skal eg senda ut til dykk. Så kan de ta dei og gjera med dei som de lystar. De må ikkje fara så stygt med denne mannen.»

<sup>25</sup>Men mennene ville ikkje høyra på han. Då tok mannen følgjekona si og leidde henne ut til dei, og dei låg med henne og forgreip seg på henne heile natta. Dei sleppte henne ikkje før det leid til morgons og tok til å lysna.

<sup>26</sup>I dagrenninga kom kvinna, og ho seig saman framfor døra til det huset der husbonden hennar var. Der vart ho liggjande til det var lyst.

<sup>27</sup>Om morgonen stod husbonden hennar opp og opna husdøra. Han gjekk ut og ville fara sin veg. Sjå, då låg følgjekona hans framfor husdøra med hendene på dørstokken.

<sup>28</sup>Han sa til henne: «Reis deg opp og lat oss fara i veg!» Men han fekk ikkje svar. Då lyfte han henne opp på eselet, tok ut og drog til heimstaden sin.

<sup>29</sup> Då han kom heim, fann han fram ein kniv. Så tok han følgjekona si og skar kroppen hennar opp i tolv stykke. Dei sende han ut til heile Israels-landet.

<sup>30</sup>Alle som såg det, sa: «Slikt har aldri hendt og aldri vore spurt frå den dagen israelittane drog opp frå Egypt og til no. Tenk etter, legg råd og sei kva de meiner!»

## Dommarane 20

### Krig mot Benjamin

<sup>1</sup>Då tok alle israelittane ut, og heile forsamlinga kom saman for Herren i Mispa, alle som ein, frå Dan til Beer-Sjeba og frå Gilead-landet.

<sup>2</sup>Og hovdingane for heile folket, for alle Israel-stammene, møtte fram i forsamlinga av Guds folk. Det var fire hundre tusen fotfolk, våpenføre menn.

<sup>3</sup>Benjaminittane fekk høyra at israelittane hadde fare opp til Mispa. Og israelittane sa: «Fortel korleis det gjekk til med denne ugjerninga!»

<sup>4</sup>Levitten, mannen til den kona som vart drepen, tok då til orde og sa: «Eg og følgjekona mi kom til Gibea i Benjamin og ville få hus der for natta.

<sup>5</sup>Men innbyggjarane i Gibea kom mot meg om natta og omringa huset eg var i. Meg tenkte dei å drepa, og følgjekona mi valdtok dei så ho døydde.

<sup>6</sup>Då greip eg følgjekona mi og skar henne opp og sende stykka rundt til alle område i Israels land. For dei hadde gjort ei avskyeleg og skammeleg gjerning i Israel.

<sup>7</sup>No er de samla her, alle Israels menn. Kom fram med meininga dykkar og gjev råd!»



<sup>8</sup>Då reiste folket seg, alle som ein, og sa: «Ingen av oss skal dra bort til teltet sitt eller fara heim til huset sitt.

<sup>9</sup>No vil vi gjera slik med Gibeaa: Vi går mot byen etter loddkasting.

<sup>10</sup>Vi tek ut ti mann for kvart hundre av alle stammene i Israel, hundre for kvart tusen, og tusen for kvart titusen. Dei skal sørgja for forsyningar til hæren, så dei, når dei kjem til Gibeaa i Benjamin, kan gje folket der like for den skammelege gjerninga dei har gjort i Israel.»

<sup>11</sup>Så samla dei seg, alle Israelsmennene, og drog mot byen, alle som ein.

<sup>12</sup>Og Israel-stammene sende bod til alle ættgreinene i Benjamin og sa: «Kva er det for ei ugjerning som er gjord hos dykk?

<sup>13</sup>Send ut til oss dei gudlause mennene i Gibeaa, så vi kan drepa dei og rydda det vonde ut av Israel.» Men benjaminittane ville ikkje høyra på brørne sine, israelittane.

<sup>14</sup>Benjaminittane samla seg frå alle byane sine og kom til Gibeaa for å gå til kamp mot israelittane.

<sup>15</sup>Den dagen mønstra dei tjueseks tusen våpenføre menn frå dei andre byane. Attåt det mønstra folket i Gibeaa sju hundre utvalde krigarar.

<sup>16</sup>I heile denne hæren fanst det sju hundre utvalde menn som var venstrehendte. Når dei kasta slyngjesteinen, kunne dei råka eit hårstrå; ingen bomma.

<sup>17</sup>Utan at Benjamin var medrekna, mønstra Israel fire hundre tusen våpenføre menn, alle øvde krigarar.

<sup>18</sup> Israelittane braut opp og drog til Betel. Der spurde dei Gud til råds: «Kven av oss skal først dra ut i krigen mot Benjamin-mennene?» Og Herren svara: «Juda først.»

<sup>19</sup>Om morgonen braut israelittane opp og slo leir midt imot Gibeaa.

<sup>20</sup>Så drog Israelsmennene fram til kamp mot Benjamin. Dei gjekk mot Gibeaa, fylka til strid.

<sup>21</sup>Men benjaminittane kom ut frå Gibeaa og felte den dagen tjueto tusen israelittar.

<sup>22</sup>Likevel tok hæren til israelittane mot til seg og fylka seg til strid på same staden der dei hadde fylka seg dagen før.

<sup>23</sup> Dei gjekk opp til heilagdomen og gret for Herrens andlet heilt til kvelds. Og dei spurde Herren: «Skal vi igjen dra fram og kjempa mot benjaminittane, brørne våre?» «Gå imot dei!» svara Herren.

<sup>24</sup>Dagen etter gjekk israelittane mot Benjamin-mennene,

<sup>25</sup>og andre gongen kom Benjamin ut imot dei frå Gibeaa. Dei felte på nytt atten tusen israelittar, alle saman våpenføre menn.

<sup>26</sup>Då drog alle israelittane, heile hæren, opp til Betel. Der sat dei gråtande for Herrens andlet og fasta heile dagen, heilt til kvelds. Dei bar fram brennoffer og fredsoffer for Herren.

<sup>27</sup>Og israelittane spurde Herren til råds, for den gongen stod Guds paktkiste der,

<sup>28</sup> og Pinhas, son til Elasar og sonson til Aron, gjorde den tid teneste framfor henne. Dei spurde: «Skal vi endå ein gong dra ut og kjempa mot benjaminittane, brørne våre, eller skal vi la det vera?» Og Herren svara: «Dra ut! I morgon vil eg gje dei i dykkar hender.»

<sup>29</sup>Då la israelittane folk i bakhald rundt omkring Gibeaa.

<sup>30</sup>Tredje dagen drog israelittane mot Benjamin. Dei fylka seg og gjekk mot Gibeaa slik som dei andre gongene.

<sup>31</sup>Benjaminittane kom ut imot hæren og vart dregne bort frå byen. Liksom dei førre gongene felte dei først nokre av israelittane på landevegane som fører oppover, den eine til Betel og den andre over marka til Gibeaa. Det var om lag tretti mann av Israel som fall.

<sup>32</sup>Då tenkte benjaminittane: «Vi slår dei no som før.» Men israelittane sa: «Lat oss rømme, så vi får drege dei bort frå byen og ut på landevegane.»

<sup>33</sup>Så trekte alle israelittane seg tilbake frå staden der dei hadde stått, og fylka seg i Baal-Tamar. Samstundes sprang dei som låg i bakhald, fram frå gøymestaden sin vest for Gibeaa.

<sup>34</sup>Og ti tusen utvalde stridsmenn av heile Israel gjekk beint mot Gibeaa. Det vart ein hard strid. Men Benjamin-mennene visste ikkje at ulukka var så tett innpå dei.

<sup>35</sup>Herren slo Benjamin framfor israelittane. Den dagen felte israelittane tjuefem tusen eitt hundre mann av Benjamin, alle saman våpenføre menn.

<sup>36</sup>Då såg Benjamin-mennene at dei var slegne. Dei andre israelittane trekte seg tilbake frå Benjamin, for dei leit på dei som dei hadde lagt i bakhald attmed Gibeaa.

<sup>37</sup>Dei som låg i bakhald, storma no mot Gibeaa, spreidde seg og øydde heile byen med odd og egg.

<sup>38</sup>Dei andre israelittane hadde gjort den avtalen med bakhaldsmennene at dei skulle la ein tjukk røyk stiga opp frå byen som eit signal.

<sup>39</sup>Då no israelittane snudde ryggen til i striden, felte Benjamin i førstninga nokre av dei, om lag tretti mann. Dei tenkte: «Vi slår dei no som førre gongen.»

<sup>40</sup>Men så tok signalet, ei røyksøyle, til å stiga opp frå byen. Og då Benjamin-mennene snudde seg, fekk dei sjå at heile byen stod i loge som slo opp mot himmelen.

<sup>41</sup>I det same kom israelittane att. Då vart benjaminittane gripne av redsle, for dei såg at ulukka var tett innpå dei.

<sup>42</sup>For å sleppa unna israelittane snudde dei og tok vegen mot ørkenen, men striden følgde dei i hælane. Snart var dei som kom frå byane, midt imellom dei og gjorde ende på dei.

<sup>43</sup>Israelittane omringa benjaminittane, forfølgde dei utan stans og trakka dei ned, heilt til dei var beint i aust for Gibeaa.

<sup>44</sup>Det fall atten tusen mann av Benjamin, alle saman djerve stridsmenn.

<sup>45</sup> Dei andre snudde og rømde ut i ørkenen, til Rimmon-berget. Israelittane nådde endå att fem tusen mann på landevegane. Så sette dei etter resten heilt til Gideom og hogg ned to tusen til.

<sup>46</sup>I alt fall det tjuefem tusen våpenføre menn av Benjamin den dagen; alle desse var krigarar.

<sup>47</sup>Seks hundre mann snudde og rømde ut i ørkenen, til Rimmon-berget. Der heldt dei til i fire månader.

<sup>48</sup>Men israelittane drog tilbake til Benjamin og øydde byen med odd og egg; alt dei kom over, hogg dei ned, både folket og feet. Og alle byane i landet sette dei eld på.

## Dommarane 21

### Israel og Benjamin sluttar fred

<sup>1</sup>I Mispa hadde israelittane svore at ingen av dei skulle gje dotter si til ein mann av Benjamin.

<sup>2</sup>Men då folket kom til Betel, sat dei der for Guds andlet heilt til kvelds. Dei gret høgt

<sup>3</sup>og sa: «Herre, Israels Gud, kvifor skulle dette henda i Israel, så det i dag manglar ein stamme av Israel?»

<sup>4</sup>Tidleg neste morgon bygde folket eit altar der og bar fram brennoffer og fredsoffer.

<sup>5</sup>Så sa israelittane: «Kven i alle Israel-stammene kom ikkje opp til forsamlinga, til Herren?» For dei hadde svore ein dyr eid om at den som ikkje kom opp til Herren i Mispa, skulle døy.

<sup>6</sup>Israelittane sørgde over brørne sine i Benjamin og sa: «I dag er ein stamme hoggen bort av Israel.

<sup>7</sup>Kva skal vi gjera for dei som er att, så dei kan få seg koner? Vi har då svore ved Herren at vi ikkje vil gje dei av døtrene våre.»

<sup>8</sup>Så spurde dei: «Fanst det ei ætt i Israel-stammene som ikkje kom opp til Herren i Mispa?» Det viste seg at frå Jabesj i Gilead var ingen komen til forsamlinga i leiren.

<sup>9</sup>Folket vart mønstra, men det fanst ikkje nokon av dei som budde i Jabesj i Gilead der.

<sup>10</sup>Forsamlinga sende då tolv tusen krigarar dit og sa til dei: «Far av stad og hogg ned Jabesj-buane i Gilead med sverd, kvinner og born òg.

<sup>11</sup>Slik skal de gjera: Alle menn og alle kvinner som har lege med menn, skal de slå med bann og utrydda.»

<sup>12</sup>Då fann dei mellom Jabesj-buane i Gilead fire hundre unge jenter som var jomfruer og ikkje hadde vore saman med eller lege med nokon mann. Og dei tok dei med seg til leiren i Sjilo i Kanaan.

<sup>13</sup>Så sende heile forsamlinga bod til dei Benjamin-mennene som var på Rimmon-berget, og lova dei fred.

<sup>14</sup>Då kom Benjamin-mennene att med ein gong, og israelittane lét dei få dei kvinnene frå Jabesj i Gilead som dei hadde late leva. Men det vart ikkje nok til dei.

<sup>15</sup>Folket sørgde endå over Benjamin. For Herren hadde laga eit tomrom blant Israel-stammene.

<sup>16</sup>Då sa dei eldste i forsamlinga: «Kva skal vi gjera for dei som er att, så dei kan få seg koner når kvinnene i Benjamin er utrydda?»

<sup>17</sup>Og dei sa: «Korleis skal dei som er att av Benjamin, kunna halda fram så ikkje ein heil stamme av Israel går til grunne?

<sup>18</sup>Men vi kan ikkje gje dei av døtrene våre.» For israelittane hadde svore og sagt: «Forbanna er den som gjev dotter si til ein mann i Benjamin!»

<sup>19</sup>«Men høyr no», sa dei. «Kvart år held dei ei høgtid for Herren i Sjilo.» Sjilo ligg nord for Betel, aust for den landevegen som går frå Betel til Sikem, og sør for Lebona.

- <sup>20</sup>«Dra dit», sa dei til Benjamin-mennene, «og legg dykk på lur i vinmarkene!
- <sup>21</sup>Når de då ser at ungjentene i Sjilo kjem ut og dansar ringdans, skal de springa fram frå vinmarkene og rana dykk kvar si kone mellom ungjentene i Sjilo, og så fara heim att til Benjamin-landet.
- <sup>22</sup>Og når fedrane eller brørne deira kjem og klagar til oss, skal vi seia til dei: Lat oss visa nåde mot dei! For vi fekk ikkje tak i ei kone til kvar i krigen. De har heller ikkje gjeve dei til dei, så det kviler inga skuld på dykk.»
- <sup>23</sup>Benjamin-mennene gjorde slik. Dei tok seg kvar si kone mellom dei dansande jentene som dei hadde bortført. Så drog dei heim att til eigedomen sin, bygde opp att byane og vart buande der.
- <sup>24</sup>Israelittane òg drog bort derifrå, kvar til sin stamme og si ætt, heim til sin eigedom.
- <sup>25</sup> I dei dagane var det ingen konge i Israel. Kvar gjorde som han sjølv fann for godt.

## Rut

### Rut 1

#### Rut og Noomi

<sup>1</sup> I dei dagane då dommarane styrte, vart det ein gong hungersnaud i landet. Då fór ein mann frå Betlehem i Juda i veg med kona si og dei to sønene sine for å slå seg ned i slettelandet Moab.

<sup>2</sup> Mannen heitte Elimelek, kona Noomi og dei to sønene Mahlon og Kiljon. Dei var av Efrat-slekta, frå Betlehem i Juda. No kom dei til Moab og vart verande der.

<sup>3</sup> Så døydde Elimelek, mannen til Noomi, og ho sat att med dei to sønene sine.

<sup>4</sup> Dei tok seg moabittiske koner; den eine heitte Orpa og den andre Rut. Dei vart buande der i om lag ti år.

<sup>5</sup> Så døydde òg dei to sønene, Mahlon og Kiljon, og Noomi sat att åleine, utan søner og utan mann.

<sup>6</sup> Då tok ho ut saman med svigerdøtrene sine for å venda heim frå slettelandet i Moab. For ho hadde høyrte i Moab at Herren hadde teke seg av folket sitt og gjeve det brød.

<sup>7</sup> Ho gav seg i veg vekk frå staden der ho hadde budd. Begge svigerdøtrene følgde henne. Dei gav seg i veg for å venda attende til Juda.

<sup>8</sup> Men Noomi sa til dei to svigerdøtrene sine: «Vend attende, gå, kvar til si mors hus! Måtte Herren vera god mot dykk, slik de har vore gode mot dei døde og mot meg!

<sup>9</sup> Måtte Herren la dykk begge finna ein trygg heim, kvar i sin manns hus!» Så kyste ho dei. Men dei brast i gråt

<sup>10</sup> og sa til henne: «Nei, vi vil følgja deg attende til folket ditt.»

<sup>11</sup> Men Noomi sa: «Vend attende, døtrene mine! Kvifor vil de følgja med meg? Skulle eg enno føda søner de kan få til menn?

<sup>12</sup>Vend attende, døtrene mine, gå no! Eg er for gammal til å gifta meg att. Og sjølv om eg tenkte at eg enno har von, ja, om eg alt i natt fekk ein mann og så fødde søner,

<sup>13</sup>skulle så de venta til dei vart vaksne? Skulle de stengja dykk inne og leva utan menn? Nei, døtrene mine! Det er mykje bitrare for meg enn for dykk, for det er meg Herrenshand har råka.»

<sup>14</sup>Då tok dei til å gråta att, og Orpa kyste svigermor si til avskil. Men Rut klyngja seg til henne.

<sup>15</sup>Då sa Noomi: «Sjå, no vender svigerinna di attende til folket sitt og guden sin. Vend attende, du òg. Følg henne!»

<sup>16</sup> Men Rut svara: «Tving meg ikkje til å skiljast frå deg og venda attende, for: Der du går, vil eg gå, og der du bur, vil eg bu. Ditt folk er mitt folk, og din Gud er min Gud.

<sup>17</sup>Der du døyr, vil eg døy, og der vil eg bli gravlagd. Måtte Herren la det gå meg ille både no og sidan om noko anna enn dauden skal skilja meg frå deg!»

<sup>18</sup>Då Noomi såg at ho stod fast på sitt og ville vera med henne, tala ho ikkje meir til henne om det.

<sup>19</sup>Så gjekk dei vidare til dei kom til Betlehem. Og då dei kom dit, vart det oppstyr i byen for deira skuld, og kvinnene sa: «Er dette Noomi?»

<sup>20</sup>Men ho sa til dei: «Kall meg ikkje Noomi! Kall meg heller Mara! For Den veldige har gjort livet beiskt for meg.

<sup>21</sup>Rik drog eg bort, fattig har Herrenlate meg venda attende. Kvifor kallar de meg Noomi når Herren har vitna mot meg, og når Den veldige har late det gå meg så ille?»

<sup>22</sup> Så kom då Noomi heim att, og sonekona, moabittkvinna Rut, var med henne då ho vende attende frå slettelandet i Moab. Dei kom til Betlehem då bygghausten byrja.

## Rut 2



## Rut møter Boas

- <sup>1</sup>Noomi hadde ein slektning på sida til mannen hennar, ein mektig og velståande mann av Elimeleks slekt. Han heitte Boas.
- <sup>2</sup>Ein dag sa Rut, moabittkvinna, til Noomi: «Lat meg gå ut på åkeren og sank kornaks etter ein som vil visa meg velvilje.» Ho svara: «Gå du, dotter mi!»
- <sup>3</sup>Så gjekk ho ut på åkeren og sank aks etter skurdfolket. Og det trefte seg slik at åkerstykket ho sank på, hørde Boas av Elimelek-slekta til.
- <sup>4</sup>Boas var nett komen frå Betlehem. Han sa til skurdfolket: «Herren vere med dykk!» Dei svara han: «Herren velsigne deg!»
- <sup>5</sup>Boas spurde oppsynsmannen over skurdfolket: «Kven høyrer denne unge kvinna til?»
- <sup>6</sup>Oppsynsmannen svara: «Det er den unge moabittkvinna som kom tilbake med Noomi frå Moab.
- <sup>7</sup>Ho bad: Lat meg få plukka og sank aks mellom kornbanda etter skurdfolket! Ho kom i dag tidleg og har stått her heilt til no. Berre ei lita stund har ho vore inne og kvilt seg.»
- <sup>8</sup>Då sa Boas til Rut: «Høyr, dotter mi! Sank ikkje aks på nokon annan åker. Gå ikkje herifrå, men hald deg til mine tenestejenter.
- <sup>9</sup>Sjå kvar på åkeren skurdfolka arbeider, og følg etter dei! Eg vil byda karane at dei ikkje får røra deg. Blir du tørst, så gå bort til krukkene og drikk av det som tenestefolket auser opp.»
- <sup>10</sup>Då kasta ho seg ned med andletet mot jorda og sa til han: «Kvifor ser du på meg med velvilje og tek imot meg, endå eg er ein framand?»
- <sup>11</sup>Boas svara henne: «Dei fortalde meg meir enn éin gong om alt du gjorde for svigermor di etter at mannen din døydde. Du forlét far din og mor di og fedrelandet ditt og drog til eit folk du ikkje kjende frå før.

**12** Herren skal løna deg for det du har gjort! Måtte du få fullt vederlag frå Herren, Israels Gud, no når du er komen for å søkja ly under hans venger.»

**13**Ho sa: «Måtte du framleis sjå på meg med velvilje, herre, for du har trøysta meg og snakka venleg til tenestekvinna di, endå eg ikkje eingong er som ei av kvinnene i tenesta di.»

**14** Då tida var komen for å eta, sa Boas til henne: «Kom hit og et av brødet, og dypp stykket ditt i vineddiken!» Så sette ho seg ved sida av skurdfolket, og Boas gav henne rista korn. Ho åt og vart mett og hadde endå noko att.

**15**Då ho reiste seg for å sankar, gav Boas denne beskjeden til tenestefolka: «Også mellom kornbanda kan ho sankar. Plag henne ikkje!

**16**Ja, de kan dra aks ut or kornbanda og la dei liggja att, så ho kan plukka dei opp. Ingen må truga henne.»

**17** Så sankar Rut aks på åkeren heilt til kvelden. Då ho banka kornet ut or aksa, vart det om lag ein efa bygg.

**18**Ho bar det med seg inn til byen, og svigermor hennar fekk sjå det ho hadde sankar. Så tok Rut fram det ho hadde til overs etter at ho hadde ete seg mett, og gav henne det.

**19**Då sa svigermor hennar: «Kvar har du sankar i dag, og kvar har du arbeidd? Velsigna er han som har vilja kjennast ved deg!» Så fortalde ho svigermora kven ho hadde arbeidd hos. Ho sa: «Den mannen eg arbeidde hos i dag, heiter Boas.»

**20** Då sa Noomi til svigerdottera: «Han skal vera velsigna av Herren, som ikkje har halde opp med å visa miskunn, verken mot dei levande eller dei døde!» Og Noomi la til: «Den mannen er i slekt med oss. Han er ein av løysingsmennene våre.»

**21**Då sa Rut, moabittkvinna: «Han sa òg til meg: Hald deg til mine folk heilt til dei er ferdige med heile mi skurdonn.»

<sup>22</sup>Då sa Noomi til Rut, svigerdotter si: «Det er godt, dotter mi, at du går saman med tenestejentene hans, så du slepp å lida vondt på annan manns åker.»

<sup>23</sup>Så heldt ho lag med tenestejentene til Boas og sank aks til bygghausten og kveitehausten var over. Og ho vart buande hos svigermor si.

## Rut 3

### Rut og Boas på treskjeplassen

<sup>1</sup>Noomi, svigermor til Rut, sa til henne: «Dotter mi! Skulle eg ikkje sjå til å finna ein heim til deg så du kan få det godt?

<sup>2</sup>Høyr, Boas er då slektningen vår, og det er tenestejentene hans du har vore i lag med. No i natt hiv han bygg på treskjeplassen.

<sup>3</sup>Du skal vaska deg og salva deg. Ta så på deg finkleda og gå ned til treskjeplassen. Men gjev deg ikkje til kjenne for mannen før han er ferdig med å eta og drikka!

<sup>4</sup>Når han legg seg, skal du merka deg staden der han ligg. Gå så bort, ta teppet vekk frå føtene hans og legg deg der! Så vil han sjølv seia deg kva du skal gjera.»

<sup>5</sup>Då svara ho: «Eg skal gjera alt du seier.»

<sup>6</sup>Ho gjekk ned til treskjeplassen og gjorde alt slik svigermor hennar hadde sagt.

<sup>7</sup>Boas åt og drakk og vart glad til sinns. Så gjekk han og la seg i kanten av kornhaugen. Då smaug ho seg fram, tok teppet vekk frå føtene hans og la seg der.

<sup>8</sup>Ved midnattstid kvakk mannen til. Han bøygde seg fram og såg at det låg ei kvinne nedmed føtene hans.

<sup>9</sup>«Kven er du?» spurde han. «Eg er Rut, tenestekvinna di», svara ho. «Brei kappa di over meg, for du er løysingsmann.»

**10**Då sa han: «Velsigna er du av Herren, dotter mi! Du har vist endå større truskap enn før ved ikkje å gå etter dei unge mennene, verken dei fattige eller dei rike.

**11**Og no, dotter mi, ver ikkje redd! Alt det du seier, vil eg gjera for deg. For alle som bur i byen, veit at du er ei heiderleg kvinne.

**12** Det er sant at eg er løysingsmannen, men det er ein annan løysingsmann som er nærare enn eg.

**13**Sov her i natt, og om han vil løysa deg ut i morgon, så lat han gjera det. Men om han ikkje vil løysa deg ut, skal eg gjera det sjølv, så sant Herren lever! Berre ligg her til i morgon tidleg!»

**14**Ho vart liggjande ved føtene hans til morgonen, men ho stod opp før folk kunne kjenna kvarandre att. For han sa til seg sjølv: «Det må ikkje bli kjent at kvinna kom hit til treskjeplassen.»

**15** Så sa han: «Kom hit med sjalet du har på deg, og hald det fram!» Og då ho heldt sjalet fram, målte han opp seks mål bygg og la på henne. Så gjekk han inn til byen.

**16**Då Rut kom til svigermor si, spurde ho: «Korleis gjekk det med deg, dotter mi?» Og ho fortalde henne alt det mannen hadde gjort mot henne,

**17**og la til: «Desse seks måla med bygg gav han meg, for han sa: Du skal ikkje koma tomhendt heim til svigermor di.»

**18**Då sa Noomi: «Hald deg no i ro, dotter mi, til du får vita korleis saka fell ut. For den mannen unner seg ikkje kvile før han får saka ordna, og det alt i dag.»

## **Rut 4**

### **Boas tek Rut til ekte**

**1** Boas gjekk opp til byporten og sette seg der. Nett då kom løysingsmannen som Boas hadde snakka om, forbi. Boas kalla han ved namn og sa: «Kom og set deg her!» Så gjekk han dit og sette seg.

<sup>2</sup>Boas såg seg ut ti menn av dei eldste i byen og sa: «Set dykk her!» Og dei sette seg.

<sup>3</sup>Så sa han til løysingsmannen: «Noomi, ho som er komen tilbake frå Moab, vil selja det jordstykket som Elimelek, slektningen vår, eigde.

<sup>4</sup>Eg tenkte eg ville gjera deg kjend med dette og seia: Kjøp det i påsyn av dei som sit her, i påsyn av dei eldste i folket mitt! Vil du løysa det inn, så løys det inn. Men vil du ikkje, så sei det til meg, så eg veit det. For det er ingen ved sida av deg til å løysa det inn, men eg har retten nest etter deg.» Han svara: «Eg vil løysa det inn.»

<sup>5</sup>Då sa Boas: «Den dagen du tek over åkeren av Noomi, tek du òg over moabittkvinna Rut, kona til han som døydde, slik at namnet til den døde kan leva vidare og jorda gå vidare i arv.»

<sup>6</sup>Løysingsmannen svara: «Då kan eg ikkje løysa han til meg, for då spiller eg arven til mine eigne born. Løys du til deg sjølv det eg skulle løysa, for eg kan ikkje gjera det!»

<sup>7</sup>I gamle dagar i Israel var skikken slik når det gjaldt innløysing og bytehandel, at for å stadfesta ei sak skulle ein dra sandalen av seg og gje sandalen til den andre. Slik vart ei sak vitnefast i Israel.

<sup>8</sup>Løysingsmannen sa til Boas: «Kjøp det du!» Og med det same drog han sandalen sin av.

<sup>9</sup>Då sa Boas til dei eldste og alt folket: «De er i dag vitne på at eg kjøper av handa til Noomi alt det som hørde Elimelek til, og alt som hørde Kiljon og Mahlon til.

<sup>10</sup>Eg tek òg moabittkvinna Rut, kona til Mahlon, til ekte, slik at namnet til den døde kan leva vidare og odelen haldast i hevd. Slik vil namnet til han som døydde, ikkje bli sletta ut av slekta hans og gløymt i porten på heimstaden hans. Dette er de vitne på i dag.»

<sup>11</sup>Alt folket og dei eldste som var i byporten, svara: «Ja, vi er vitne. Måtte Herren la den kvinna som no kjem inn i huset ditt, bli som Rakel og

som Lea, dei to som bygde Israels hus! Syn di kraft i Efrata og vinn deg eit namn i Betlehem!

<sup>12</sup> Måtte etterkomarane Herren gjev deg med denne unge kvinna, gje deg ei ætt som ætta til Peres, han som Tamar fødde til Juda!»

### **Rut blir stammor til David**

<sup>13</sup> Boas tok Rut heim til seg, og ho vart kona hans. Då han kom saman med henne, lét Herren henne bli med barn, og ho fødde ein son.

<sup>14</sup> Då sa kvinnene til Noomi: «Velsigna er Herren som lét deg få ein løysingsmann i dag! Namnet hans skal bli stort i Israel.

<sup>15</sup> Han skal gje deg nytt livsmot og sørgja for deg i alderdomen din. For svigerdotter di, som held slik av deg, har fødd denne sonen. Ho er meir for deg enn sju søner.»

<sup>16</sup> Så tok Noomi guten og la han på fanget sitt. Ho vart fostermor hans.

<sup>17</sup> Nabokonene gav han namn og sa: «Noomi har fått ein son!» Dei kalla han Obed. Han fekk sonen Isai, som vart far til David.

<sup>18</sup> Dette er etterkomarane av Peres: Peres fekk sonen Hesron,

<sup>19</sup> Hesron fekk sonen Ram, og Ram fekk sonen Amminadab,

<sup>20</sup> Amminadab fekk sonen Nahsjon, og Nahsjon fekk sonen Salma,

<sup>21</sup> Salma fekk sonen Boas, og Boas fekk sonen Obed,

<sup>22</sup> Obed fekk sonen Isai, og Isai fekk sonen David.

## 1. Samuelsbok

### 1. Samuelsbok 1

#### Samuel blir fødd

<sup>1</sup> I Ramatajim-Sufim i Efraim-fjella budde ein mann som heitte Elkana. Far hans heitte Jeroham og var son til Elihu, son til Tohu, son til Suf frå Efraim-stammen.

<sup>2</sup> Elkana hadde to koner. Den eine heitte Hanna og den andre Peninna. Peninna hadde born, men Hanna var barnlaus.

<sup>3</sup> År etter år drog denne mannen opp frå heimbyen sin til Sjilo for å be og ofra til Herren over hærskarane. Der var dei to sønene til Eli, Hofni og Pinhas, prestar for Herren.

<sup>4</sup> Når Elkana heldt offermåltid, gav han Peninna, kona si, og alle sønene og døtrene hennar kvart sitt stykke av offerkjøtet,

<sup>5</sup> men Hanna fekk dobbelt så mykje. For det var Hanna han elska, endå Herren hadde lukka morslivet hennar.

<sup>6</sup> Men medkona krenkte og terga henne støtt og ville gjera henne motlaus fordi Herren hadde lukka morslivet hennar.

<sup>7</sup> Slik gjekk det år etter år. Kvar gong Hanna drog opp til Herrens hus, terga Peninna henne. Då gret ho og ville ikkje eta.

<sup>8</sup> Men Elkana, mannen hennar, sa til henne: «Kvifor græt du, Hanna, og kvifor et du ikkje? Kvifor er hjartet ditt så fullt av sorg? Er ikkje eg meir for deg enn ti søner?»

<sup>9</sup> Ein gong dei hadde ete og drukke i Sjilo, reiste Hanna seg og steig fram for Herrens andlet. Presten Eli satt på stolen sin ved dørstolpen til Herrens tempel.

<sup>10</sup> I si hjartesorg bad ho til Herren og gret sårt.

<sup>11</sup> Ho gav ein lovnad og sa: «Herre over hærskarane! Sjå til di tenestekvinne i hennar naud. Kom meg i hug og gløym ikkje tenestekvinna di, men lat meg få

ein son. Så vil eg gje han til Herren for heile hans levetid, og det skal aldri koma rakekniv på hovudet hans.»

<sup>12</sup>Slik bad Hanna lenge for Herrens andlet, og Eli følgde munnen hennar med auga.

<sup>13</sup>For Hanna bad stilt, i hjartet sitt. Berre leppene hennar rørte seg, røysta hørdest ikkje. Difor trudde Eli ho var full,

<sup>14</sup>og han sa til henne: «Kor lenge vil du visa deg full? Sjå til å få rusen av deg!»

<sup>15</sup>«Nei, herre», svara Hanna, «eg er ei kvinne som ber på ei tung sorg. Vin eller annan sterk drikk har eg ikkje drukke. Men eg har tømt hjartet mitt for Herrens andlet.

<sup>16</sup>Hald ikkje tenestekvinna di for ei dårleg kvinne! For heile tida tala eg ut av mi store sorg og naud.»

<sup>17</sup>Då sa Eli: «Gå bort i fred! Israels Gud skal gje deg det du har bede han om.»

<sup>18</sup>Hanna svara: «Måtte du sjå med velvilje på tenestekvinna di!» Så gjekk ho sin veg, åt og var ikkje lenger så sorgfull.

<sup>19</sup>Morgonen etter stod dei tidleg opp og tilbad Herren. Så gav dei seg på heimveg og kom til Rama. Og då Elkana igjen var saman med Hanna, kona si, kom Herren henne i hug.

<sup>20</sup> Før året var ute, vart ho med barn og fødde ein son. Ho kalla han Samuel; «for eg har bede Herren om han», sa ho.

<sup>21</sup>Elkana drog opp att med heile sitt hus for å bera fram det årlege slaktofferet og lovnadsofferet for Herren,

<sup>22</sup> men Hanna vart ikkje med. Ho sa til mannen sin: «Når guten er avvand, vil eg ta han med, så han kan først fram for Herren og sidan vera der all si tid.»

<sup>23</sup>«Gjer som du tykkjer best», svara mannen hennar, Elkana. «Ver heime til du har vant han av! Måtte Herren setja sitt ord i verk!» Så heldt kvinna seg heime og amma sonen til han var avvand.



<sup>24</sup> Då ho hadde vant han av, tok ho han med opp til Herrens hus i Sjilo. Ho hadde med seg ein treårgammal okse, ein efa mjøl og ein skinnsekk med vin. Guten {{var med dei, og dei førte han fram for Herren. Og far hans slakta slaktofferet, slik han gjorde kvart år for Herren.

<sup>25</sup>Han førte fram}} guten og slakta oxen. Hanna, mor hans, kom fram for Eli med guten.

<sup>26</sup>«Tru meg, herre!» sa ho. «Så sant du lever, herre, eg er den kvinna som stod her hos deg og bad til Herren.

<sup>27</sup>Denne guten var det eg bad om, og Herren har gjeve meg det eg bad om.

<sup>28</sup>No gjev eg han tilbake til Herren for heile hans levetid. Han skal høyra til Herren.» Så bøygde dei seg og tilbad Herren der.

## 1. Samuelsbok 2

### Hannas lovsong

<sup>1</sup> Hanna bad og sa: Mitt hjarte frydar seg i Herren, Herren gjev meg stor kraft. Eg ler av mine fiendar, for eg gleder meg over di frelse.

<sup>2</sup> Ingen er heilag som Herren, for ingen er til utan du, det finst ikkje fjell som vår Gud.

<sup>3</sup>Snakk ikkje med så store og stolte ord, lat ikkje frekt snakk gå ut av munnen! For Herren er ein Gud som allting veit, han prøver kvar ei gjerning.

<sup>4</sup>Bogane til dei mektige blir brotne, men dei som vaklar, kler seg i kraft.

<sup>5</sup> Mette må arbeida for sitt brød, men svoltne slepp å hungra meir. Barnlaus kvinne føder sju born, den som er rik på søner, visnar vekk.

<sup>6</sup> Herren tek liv og gjev liv, han sender ned til dødsriket, og han fører opp att.

<sup>7</sup> Herren gjer fattig, og han gjer rik, han fornedrar, og han opphøgjer.

<sup>8</sup> Han reiser den veike opp av støvet og lyfter den fattige frå dungen. Han lèt dei sitja blant stormenn og gjev dei ein ærefull plass. For søylene på jorda høyrrer Herren til, på dei bygde han verda opp.

<sup>9</sup>Han vaktar føtene til dei trugne, men dei urettferdige må teia i mørkret. For ingen er sterk i eiga kraft.

<sup>10</sup> Herren knuser sine fiendar. Han lèt det torna over dei frå himmelen, Herren dømmer den vide jord. Han vil gje sin konge styrke og sin salva stor kraft!

<sup>11</sup> Så drog Elkana heim til Rama. Men guten vart verande og gjorde teneste for Herren, og presten Eli hadde tilsyn med han.

### **Eli-sønene syndar**

<sup>12</sup> Sønene til Eli var ugudelege. Dei kjende ikkje Herren.

<sup>13</sup> Slik fór prestane fram mot folket: Når nokon bar fram eit slaktoffer, kom prestens tenar medan dei kokte kjøtet. Han hadde med seg ein tretinda gaffel.

<sup>14</sup> Den stakk han ned i panna eller gryta, kjelen eller krukka, og alt som kom opp med gaffelen, tok presten sjølv. Slik gjorde dei mot alle israelittar som kom til Sjilo.

<sup>15</sup> Endå før dei hadde brent feittet, kom prestens tenar og sa til den som ofra: «Gjev presten kjøt å steikja! Han tek ikkje imot kokt kjøt av deg, berre rått.»

<sup>16</sup> Om då mannen svara: «Først må feittet brennast, sidan kan du ta det du vil», sa tenaren: «Nei, gjev meg det straks, elles tek eg det med makt.»

<sup>17</sup> Synden dei unge mennene gjorde for Herrens andlet, var svært stor; dei viste ingen respekt for Herrens offer.

<sup>18</sup> Men Samuel gjorde teneste for Herrens andlet. Alt som gut bar han presteklede av lin.

<sup>19</sup> Kvart år laga mor hans ei lita kappe til han. Den tok ho med når ho saman med mannen sin drog opp for å bera fram det årlege slaktofferet.

<sup>20</sup> Eli velsigna Elkana og kona hans og sa: «Herrengjeve deg fleire born med denne kvinna i staden for han som ho bad om for Herrens skuld.» Så drog dei heim att.

<sup>21</sup>Herren såg med omsorg til Hanna, og ho vart med barn att. Ho fekk tre søner og to døtrer. Men guten Samuel voks opp hos Herren.

<sup>22</sup> Eli var no svært gammal. Då han fekk høyra kva sønene hans gjorde mot alle israellittane, og at dei låg med kvinnene som gjorde teneste ved inngangen til teltheilagdomen,

<sup>23</sup>sa han til dei: «Kvifor gjer de slikt? Frå heile folket høyrer eg om dei vonde gjerningane dykkar.

<sup>24</sup>Det må ikkje vera slik, sønene mine! Det er ikkje noko godt rykte, høyrer eg, som går mellom Herrens folk.

<sup>25</sup>Når ein mann syndar mot ein annan, skal Gud dømme han. Men når ein mann syndar mot Herren, kven skal då be for han?» Men dei høyrde ikkje på far sin, for Herren ville at dei skulle døy.

<sup>26</sup> Guten Samuel voks og var til glede både for Herren og for menneske.

#### **Eli-slekta blir vraka**

<sup>27</sup>Det kom ein gudsmann til Eli og sa til han: Så seier Herren: Openberra eg meg ikkje for slekta til far din då dei var slavar for farao og hans hus i Egypt?

<sup>28</sup> Og eg valde dei ut blant alle Israels stammar til å gjera presteteneste for meg og stiga opp til mitt altar, brenna røykjelse og bera presteklede for mitt andlet. Slekta til far din har eg gjeve retten til alle gåveoffera frå israellittane.

<sup>29</sup>Kvifor viser du forakt for slaktofferet mitt og grødeofferet mitt som eg har gjeve påbod om i min bustad? Kvifor ærar du sønene dine meir enn meg, så de feitar dykk med det beste av alle offergåvene som mitt folk Israel ber fram?

<sup>30</sup> Difor seier Herren, Israels Gud: Eg har nok sagt at ditt hus og huset til far din skal gjera teneste for mitt andlet for alltid. Men no seier Herren: Så skal ikkje henda! Dei som ærar meg, vil eg æra, men dei som foraktar meg, skal bli til skamme.

<sup>31</sup>Sjå, dagar skal koma då eg bryt både di makt og makta til farsslekta di, så ingen blir gammal i ditt hus.

<sup>32</sup> Med misunning skal du sjå alt det gode han gjer mot Israel, men i ditt hus skal ingen bli gammal.

<sup>33</sup> Berre ein einaste mann i ditt hus vil eg la vera å rydda bort frå altaret mitt. Eg vil la auga dine slokna og livet ditt tærast bort, og alle som veks opp i ditt hus, skal døy i sin beste alder.

<sup>34</sup> Det som råkar dei to sønene dine, Hofni og Pinhas, skal du ha til teikn: Dei skal begge døy på éin dag.

<sup>35</sup> Men eg vil la ein trufast prest stå fram. Han skal handla etter mitt hjarte og min vilje. For han vil eg byggja eit hus som står støtt, og han skal gjera teneste hos min salva alle sine dagar.

<sup>36</sup> Det skal gå slik at dei som er att av ditt hus, kjem til han og bed på sine kne om eit pengestykke og ein brødbit og seier: «Lat meg få vera med i eit av prestelauga så eg kan få litt mat å eta.»

## 1. Samuelsbok 3

### Herren kallar Samuel

<sup>1</sup> Guten Samuel gjorde no teneste for Herren under tilsyn av Eli. I dei dagane kom det sjeldan ord frå Herren, og av syn var det få.

<sup>2</sup> Så var det ein gong Eli låg og sov på den faste plassen sin. Auga hans var så svake at han ikkje kunne sjå.

<sup>3</sup> Guds lampe hadde endå ikkje slokna, og Samuel låg i Herrens tempel, der Guds paktkiste stod.

<sup>4</sup> Då ropa Herren på Samuel. Han svara: «Her er eg»,

<sup>5</sup> og sprang inn til Eli og sa: «Her er eg; du ropa på meg.» Men Eli sa: «Eg ropa ikkje. Gå og legg deg att!» Så gjekk han og la seg.

<sup>6</sup> Då ropa Herren ein gong til: «Samuel!» Og Samuel stod opp og gjekk inn til Eli. «Her er eg», sa han; «du ropa på meg.» Men Eli svara: «Nei, eg ropa ikkje, son min. Gå og legg deg!»

<sup>7</sup>Samuel kjende enno ikkje Herren, for Herrens ord var ikkje openberra for han.

<sup>8</sup>Så ropa Herrenein tredje gong på Samuel. Han stod opp og gjekk inn til Eli. «Her er eg», sa han; «du ropa på meg.» Då skjøna Eli at det var Herren som ropa på guten,

<sup>9</sup>og han sa til Samuel: «Gå og legg deg! Og ropar han på deg att, skal du svara: Tala, Herre, tenaren din høyrer!» Så gjekk Samuel og la seg på plassen sin.

<sup>10</sup>Då kom Herren, stilte seg framfor han og ropa som før: «Samuel, Samuel!» Og Samuel svara: «Tala, tenaren din høyrer!»

<sup>11</sup> Herren sa til Samuel: «No vil eg gjera noko i Israel som får det til å ringja for øyra på alle som høyrer om det.

<sup>12</sup> Den dagen skal Eli bli råka av alt det eg har varsla om hans hus, frå først til sist.

<sup>13</sup>Eg har kunngjort for han at eg vil dømma hans hus for alle tider. For han kjende til synda – at sønene hans forbanna Gud. Likevel tala han dei ikkje til rette.

<sup>14</sup>Difor har eg svore mot Elis hus: Aldri skal deira skuld kunna sonast, korkje med slaktoffer eller offergåver.»

<sup>15</sup>Samuel vart liggjande til det var morgon. Då opna han dørene til Herrens hus; men han våga ikkje å fortelja Eli om synet.

<sup>16</sup>Då ropa Eli på han og sa: «Samuel, son min!» «Her er eg», svara han.

<sup>17</sup>Eli spurde: «Kva var det han sa til deg? Løyn det ikkje for meg! Måtte Gud la det gå deg ille både no og sidan om du løyner for meg noko av det han sa til deg.»

<sup>18</sup>Så fortalde Samuel alt saman og løynde ingen ting for han. Då sa Eli: «Han er Herren. Han må gjera som han tykkjer best.»

<sup>19</sup> Så voks Samuel opp. Herren var med han og lét ikkje nokon av orda hans falla maktlause til jorda.

<sup>20</sup> Då skjøna heile Israel frå Dan til Beer-Sjeba at Samuel hadde vorte tiltrudd å vera profet for Herren.

<sup>21</sup> Og Herren heldt fram med å syna seg i Sjilo; der openberra Herren seg for Samuel gjennom sitt ord.

## 1. Samuelsbok 4

<sup>1</sup> Og det Samuel sa, gjekk ut til heile Israel.

### Filistrane tek Herrens paktkiste

Israelittane drog no ut for å kjempa mot filistrane. Dei slo leir ved Eben-Eser, medan filistrane slo leir ved Afek.

<sup>2</sup> Filistrane samla hæren sin mot israelittane, og kampen breidde seg. Israel vart slegne av filistrane, som slo ned om lag fire tusen mann på slagmarka.

<sup>3</sup> Då folket kom tilbake til leiren, sa dei eldste i Israel: «Kvifor lét Herren oss lida nederlag mot filistrane i dag? Lat oss henta Herrens paktkiste i Sjilo, så han kan koma hit og vera blant oss og berga oss frå fiendane våre.»

<sup>4</sup> Så sende folket bod til Sjilo, og dei henta paktkista som høyrer til Herren over hæskarane, han som tronar over kjerubane. Og dei to Elisønene, Hofni og Pinhas, følgde Guds paktkiste.

<sup>5</sup> Då Herrens paktkiste kom til leiren, sette heile Israel i eit jubelrop så sterkt at jorda skalv.

<sup>6</sup> Filistrane høyrde lyden av ropet og sa: «Kvifor er det slike høge jubelrop i hebrearleiren?» Dei fekk vita at Herrens paktkiste var komen dit.

<sup>7</sup> Då vart dei redde, for dei tenkte: «Det har kome ein gud til leiren.» Og dei sa: «Ve oss! Slikt har aldri hendt før.

<sup>8</sup> Ve oss! Kven skal berga oss frå desse mektige gudane? Dette er då dei gudane som slo egyptarane med alle slags plager i ørkenen.

<sup>9</sup>Men ta mot til dykk, filistrar, og ver menn, så de ikkje endar som slavar for hebrearane slik dei har vore slavar for dykk! Manna dykk opp og gå til kamp!»

<sup>10</sup>Så gjekk filistrane til åtak. Israelittane vart slegne og flykta, kvar til sitt. Mannefallet vart svært stort; tretti tusen fotfolk av Israels hær fall.

<sup>11</sup>Guds paktkiste vart teken, og begge Eli-sønene, Hofni og Pinhas, mista livet.

<sup>12</sup>Ein mann av Benjamin-stammen sprang frå slagmarka og kom same dagen til Sjilo med sundrivne klede og jord på hovudet.

<sup>13</sup>Då han kom dit, sat Eli på stolen sin ved vegen og speida, for han var full av uro for Guds paktkiste. Då mannen kom inn i byen og fortalde kva som hadde hendt, høyrdest eit jammerskrik over heile byen.

<sup>14</sup>Eli høyrde skrikinga og spurde: «Kva er dette for ståk?» Mannen skunda seg bort til Eli og fortalde han det.

<sup>15</sup>Eli var då 98 år gammal. Auga hans var stivna, og han kunne ikkje sjå.

<sup>16</sup>Mannen sa til han: «Eg kjem frå slagmarka, eg rømde frå slaget i dag.» Då spurde Eli: «Korleis har det gått, son min?»

<sup>17</sup>Bodberaren svara: «Israel flykta for filistrane, og vi leid stort tap. Begge sønene dine, Hofni og Pinhas, har òg mista livet, og Guds paktkiste er teken.»

<sup>18</sup>Med det same han nemnde Guds paktkiste, fall Eli baklengs ned av stolen attmed porten, braut nakken og døydde, for han var ein gammal og tung mann. Han hadde då vore dommar i Israel i førti år.

<sup>19</sup>Svigerdotter hans, kona til Pinhas, venta barn og skulle snart føda. Då ho høyrde at Guds paktkiste var teken, og at svigerfar og mannen hennar var døde, kom riene over henne, og ho seig i kne og fødde.

<sup>20</sup>Ho låg for døden, og kvinnene som stod rundt henne, sa: «Ver ikkje redd, du har fått ein son!» Men ho svara ikkje og ansa ikkje kva dei sa.

<sup>21</sup>Ho kalla guten Ikabod og sa: «Herlegdomen er borte frå Israel!» For Guds paktkiste var teken, og svigerfar og mannen hennar var døde.

<sup>22</sup>«Herlegdomen er borte frå Israel!» sa ho, «for Guds paktkiste er teken.»

## 1. Samuelsbok 5

### Herrens paktkiste i filistarlandet

<sup>1</sup>Filistrane tok Guds paktkiste og førte henne frå Eben-Eser til Asjdod.

<sup>2</sup>Dei førte paktkista inn i Dagon's tempel og stilte henne opp ved sida av Dagon.

<sup>3</sup>Då folket i Asjdod stod opp tidleg neste morgon, fann dei Dagon liggjande med andletet mot jorda framfor Herrens paktkiste. Dei reiste han opp og sette han på plass att.

<sup>4</sup>Tidleg morgonen etter låg Dagon igjen med andletet mot jorda framfor Herrens paktkiste. Hovudet og begge hendene hans var slegne av mot dørstokken. Berre kroppen var att av Dagon.

<sup>5</sup>Difor er det slik den dag i dag at korkje Dagon's prestar eller nokon annan som går inn i Dagon's tempel i Asjdod, set foten på dørstokken.

<sup>6</sup>Herrens hand låg no tungt på folket i Asjdod, og han lét øydelegging koma over dei. Han slo dei med byllar, både i Asjdod og i områda ikring.

<sup>7</sup>Då mennene i Asjdod såg at det gjekk slik, sa dei: «Paktkista til Israels Gud må ikkje bli verande hos oss. For handa hans ligg tungt på oss og på vår gud Dagon.»

<sup>8</sup>Så sende dei bod og samla alle hovdingane over filistarbyane hos seg og spurde dei: «Kva skal vi gjera med paktkista til Israels Gud?» Dei svara: «Flytt henne til Gat.» Så flytte dei paktkista til Gat.

<sup>9</sup>Men då dei hadde flytt henne dit, ramma Herrens hand byen og skapte stor redsle og forvirring. Han heimsøkte folket i byen, og det braut ut byllar både på små og store.

<sup>10</sup>Så sende dei Guds paktkiste til Ekron. Men då ho kom dit, skreik innbyggjarane i byen: «Dei har flytt paktkista til Israels Gud hit for å drepa oss og alle våre.»



<sup>11</sup>Dei sende bod og samla alle hovdingane over filistarbyane og sa: «Send paktkista til Israels Gud vekk, og lat henne koma tilbake dit ho høyrer heime, så ho ikkje drep oss og folket vårt.» For det var kome dødsangst over heile byen. Guds hand låg svært tungt på han.

<sup>12</sup>Dei som ikkje døydde, vart slegne av byllar, og klageskriket frå byen steig opp mot himmelen.

## 1. Samuelsbok 6

### Herrens paktkiste kjem tilbake

<sup>1</sup>Då Herrens paktkiste hadde vore i filistarlandet i sju månader,

<sup>2</sup>kalla filistrane saman prestane og spåmennene og spurde: «Kva skal vi gjera med Herrens paktkiste? Lat oss få vita korleis vi skal senda henne tilbake dit ho høyrer heime!»

<sup>3</sup>Dei svara: «Sender de paktkista til Israels Gud frå dykk, så send ikkje snaue kista; de må gje noko til vederlag. Då skal de bli friske att, og de skal få vita kvifor handa hans ikkje vik frå dykk.»

<sup>4</sup>Filistrane spurde: «Kva vederlag skal vi gje?» Dei andre svara: «Fem byllar av gull og fem mus av gull, etter talet på byhovdingane til filistrane. For det er ei og same plaga som har råka dykk alle, også byhovdingane.

<sup>5</sup>De skal laga etterlikningar av byllane dykkar og av musene som herjar landet, og gje Israels Gud ære. Kanskje tek han då si tunge hand bort frå dykk, gudane dykkar og landet dykkar.

<sup>6</sup>Kvifor gjer de hjartet dykkar hardt slik som egyptarane og farao gjorde? Måtte dei ikkje la Israel sleppa fri og dra av stad etter at Herren hadde late dei kjenna si makt?

<sup>7</sup>Lag no ei ny vogn og hent to kyr som har kalva, og som enno ikkje har fått åk på seg. Spenn kyrne for vogna, men ta kalvane frå dei og la dei vera att heime.

<sup>8</sup>Så skal de ta Herrens paktkiste og setja henne på vogna. Dei gullsakene som de gjev Herren til vederlag, skal de leggja i eit skrin ved sida av paktkista. Send henne så av garde!

<sup>9</sup>Sjå etter om ho tek vegen opp til grensa mot Bet-Sjemesj. Då er det Herren som har sendt denne store ulukka over oss. Men tek ho ikkje den vegen, veit vi at det ikkje er hans hand som har ramma oss. Då er det berre eit tilfelle at dette hende oss.»

<sup>10</sup>Mennene så gjorde. Dei henta to kyr som nyleg hadde kalva, og spente dei føre vogna. Men kalvane heldt dei att heime.

<sup>11</sup>Dei sette Herrenspaktkiste på vogna, og like eins skrinet med gullmusene og etterlikningane av byllane.

<sup>12</sup>Kyrne tok strake vegen mot Bet-Sjemesj. Dei følgde same vegen og rauta heile tida. Dei bøygde ikkje av, korkje til høgre eller til venstre. Byhovdingane til filistrane følgde etter heilt til grensa mot Bet-Sjemesj.

<sup>13</sup>I Bet-Sjemesj heldt folket på å skjera kveiten nede i dalen. Då dei såg opp, fekk dei auge på paktkista, og dei vart glade då dei såg henne.

<sup>14</sup>Vogna kom inn på jordet til Josva frå Bet-Sjemesj og stogga. Der låg det ein stor stein. Dei hogg sund treverket i vogna og ofra kyrne som brennoffer til Herren.

<sup>15</sup>Levittane tok ned Herrens paktkiste og skrinet med gullsakene som stod ved sida av henne, og sette dei på den store steinen. Den dagen ofra mennene i Bet-Sjemesj brennoffer og slakteroffer til Herren.

<sup>16</sup>Hovdingane over dei fem filistarbyane såg på dette og vende same dagen attende til Ekron.

<sup>17</sup>Dette er dei gullbyllane som filistrane gav Herren til vederlag: ein for Asjdod, ein for Gaza, ein for Asjkalon, ein for Gat og ein for Ekron.

<sup>18</sup>Gullmusene svara til talet på alle dei byane som låg under dei fem filistarhovdingane, både festningsbyane og landsbyane. Eit vitne om dette er

den store steinen på jordet til Josva frå Bet-Sjemesj, steinen som dei sette Herrens paktkiste på. Steinen ligg der den dag i dag.

**19** Men Herren slo ned nokre av mennene i Bet-Sjemesj fordi dei hadde sett på Herrens paktkiste. Sytti mann slo han ned. Folket sørgde over det harde slaget Herren hadde gjeve dei.

**20** Då sa mennene i Bet-Sjemesj: «Kven kan stå for andletet til Herren, den heilage Gud? Og kven skal han gå til når vi sender han frå oss?»

**21** Så sende dei bod til folket i Kirjat-Jearim og sa: «Filistrane har sendt Herrens paktkiste tilbake. Kom og hent henne opp til dykk!»

## 1. Samuelsbok 7

**1** Då kom mennene i Kirjat-Jearim og henta Herrens paktkiste. Dei førte henne til Abinadabs hus, som låg oppe på haugen. Og dei helga Elasar, son hans, til å vakta Herrens paktkiste.

### Samuel styrer i Israel

**2** Frå den dagen paktkista kom til Kirjat-Jearim, gjekk det lang tid; det gjekk tjue år. Og heile Israels hus sukka etter Herren.

**3** Då sa Samuel til heile Israels hus: «Vender de om til Herren av eit heilt hjarte, må de få bort dei framande gudane og Astarte-bileta som er hos dykk. Vend hjartet til Herren, og ten han og ingen annan! Så skal han fria dykk frå handa til filistrane.»

**4** Då skilde israelittane seg av med Baal-gudane og Astarte-bileta og tente berre Herren.

**5** Samuel sa: «Kall saman heile Israel i Mispa! Så skal eg be til Herren for dykk.»

**6** Då samla dei seg i Mispa, og dei auste opp vatn og slo det ut for Herrensandlet. Den dagen fasta dei og sa: «Vi har synda mot Herren.» Sidan skifte Samuel rett mellom israelittane i Mispa.

<sup>7</sup>Så snart filistrane fekk greie på at israelittane hadde samla seg i Mispa, drog hovdingane over filistarbyane opp mot Israel. Då israelittane høyrde det, vart dei redde filistrane

<sup>8</sup>og sa til Samuel: «Hald ikkje opp med å ropa til Herren vår Gud for oss, så han bergar oss frå handa til filistrane.»

<sup>9</sup>Då tok Samuel eit lite lam og ofra det som heiloffer til Herren. Han ropa til Herren for Israel, og Herren svara han.

<sup>10</sup> Medan Samuel bar fram brennofferet, rykte filistrane fram til kamp mot israelittane. Men den dagen sende Herren eit veldig torevêr over filistrane og sette slik støkk i dei at dei tapte for israelittane.

<sup>11</sup>Israels hær drog ut frå Mispa; dei forfølgde filistrane til nedanfor Bet-Kar og slo dei.

<sup>12</sup> Der tok Samuel ein stein og sette han opp mellom Mispa og Sjen. Han kalla steinen Eben-Eser – «Hjelpesteinen» – og sa: «Så langt har Herren hjelpt oss.»

<sup>13</sup> Slik vart filistrane tvinga i kne, og dei kom ikkje meir innanfor Israels grenser. Herrens hand låg tungt på filistrane så lenge Samuel levde.

<sup>14</sup>Dei byane som filistrane hadde teke frå Israel, kom under Israel att, heilt frå Ekron til Gat. Også områda ikring dei tok Israel tilbake frå filistrane. Mellom Israel og amorittane var det òg fred.

<sup>15</sup>Samuel var dommar i Israel så lenge han levde.

<sup>16</sup>Kvart år drog han rundt til Betel, Gilgal og Mispa, og på alle desse stadene skifte han rett mellom israelittane.

<sup>17</sup> Sidan vende han attende til Rama, for der budde han, og der var han dommar for Israel. I Rama bygde han eit altar for Herren.

## 1. Samuelsbok 8

### Israelittane krev ein konge

<sup>1</sup>Då Samuel vart gammal, sette han sønene sine til dommarar i Israel.

- <sup>2</sup>Den førstefødde heitte Joel og den andre Abia. Dei var dommarar i Beer-Sjeba.
- <sup>3</sup>Men sønene følgde ikkje vegane til Samuel. Dei søkte urett vinning, lét seg kjøpa og vringde retten.
- <sup>4</sup>Då samla alle dei eldste i Israel seg og kom til Samuel i Rama.
- <sup>5</sup>Dei sa til han: «No er du gammal, og sønene dine følgjer ikkje dine vegar. Set ein konge til å styra oss slik alle dei andre folka har.»
- <sup>6</sup>Men Samuel såg med uvilje på dette at dei sa: «Gjev oss ein konge som kan styra oss!» Og han bad til Herren.
- <sup>7</sup>Men Herren sa til han: «Høyr på folket og alt dei seier til deg! For det er ikkje deg dei har vraka; det er meg dei har vraka og ikkje vil ha til konge over seg.
- <sup>8</sup>Det har dei gjort frå den dagen eg førte dei opp frå Egypt og til denne dag. Dei har gått ifrå meg og dyrka andre gudar. Og slik gjer dei no mot deg.
- <sup>9</sup>Så høyr på dei! Men åtvara dei og fortel kva rettar kongen deira kjem til å få.»
- <sup>10</sup>Samuel fortalde folket som kravde ein konge av han, alt det Herren hadde sagt.
- <sup>11</sup>Han sa: «Dette er rettane til kongen som skal herska over dykk: Han tek sønene dykkar og set dei til å gjera teneste ved kongens vogner og hestar og til å springa framfor vogna hans.
- <sup>12</sup>Nokre set han til førarar for tusen mann og nokre for femti. Nokre må pløya åkrane og hausta inn avlinga hans, andre må laga krigsvåpen og utstyr til stridsvognene.
- <sup>13</sup>Døtrene dykkar set han til å laga salvar, til å koka og baka.
- <sup>14</sup>Dei beste jordstykkka, vinmarkene og olivenlundane dykkar skal han ta og gje til mennene sine.

<sup>15</sup>Av åkrane og vinmarkene dykkar skal han ta tiend og gje til hoffmennene og tenarane sine.

<sup>16</sup>Slavane og slavekvinnene, esla og dei beste oksane dykkar tek han i si eiga teneste.

<sup>17</sup>Av småfeet dykkar tek han tiend, og sjølve må de gjera slavearbeid for han.

<sup>18</sup>Når den dagen kjem, skal de skrika høgt over kongen de valde. Herren skal ikkje svara dykk den dagen.»

<sup>19</sup>Men folket nekta å høyra på Samuel. «Nei», sa dei, «vi vil ha ein konge over oss.

<sup>20</sup>Vi vil vera som dei andre folka. Kongen vår skal styra oss; han skal rykkja ut framfor oss og føra krigane våre.»

<sup>21</sup>Då Samuel hadde høyrte alt det folket sa, la han det fram for Herren.

<sup>22</sup>Og Herren sa til Samuel: «Høyr på det dei seier og set ein konge over dei.» Då sa Samuel til israelittane: «Gå heim att, kvar til sin by!»

## 1. Samuelsbok 9

### Saul blir konge

<sup>1</sup>Det var ein mann av Benjamin-stammen som heitte Kisj. Han var son til Abiel, son til Seror, son til Bekorat, son til Afiah, som var frå Benjamin. Kisj var ein velhalden mann.

<sup>2</sup>Han hadde ein son som heitte Saul, ein staut ung mann. Det fanst ingen stautare enn han i Israel. Han var eit hovud høgare enn alle andre.

<sup>3</sup>Ein gong kom det bort nokre eselhopper for Kisj, far til Saul. Då sa han til son sin: «Ta med deg ein av tenestegutane og ta i veg og leita etter eselhoppene!»

<sup>4</sup>Dei drog over Efraim-fjella og gjennom Sjalisja-landet, men fann dei ikkje. Så drog dei gjennom Sjaalim-landet, men esla var ikkje der heller. Sidan drog dei gjennom Benjamin-landet, men fann dei ikkje.

- <sup>5</sup>Då dei kom til Suf-traktene, sa Saul til tenesteguten som var med han: «Kom, lat oss gå heim att, elles blir far min meir uroleg for oss enn for esla.»
- <sup>6</sup>Men tenesteguten svara: «Høyr no, i byen her bur det ein gudsmann som det går gjetord om. Alt han seier, slår til. Lat oss gå dit! Han kan visst seia oss vegen vi skal gå.»
- <sup>7</sup>Saul sa til tenesteguten: «Ja, lat oss gå, men kva skal vi ha med til mannen? Det er slutt på brødet i sekkene våre, og vi har inga gåve vi kan gje gudsmannen. Kva har vi vel med oss?»
- <sup>8</sup>Tenesteguten tok til orde att og sa til Saul: «Her har eg ein kvart sjekel sølv; den kan eg gje gudsmannen, så seier han oss nok kva veg vi skal gå.»
- <sup>10</sup>Saul svara: «Du har rett. Kom, lat oss gå dit!» Så gjekk dei til byen der gudsmannen var.
- <sup>11</sup> Då dei gjekk opp bakken som førte til byen, møtte dei nokre jenter som kom ut for å henta vatn, og spurde dei: «Er sjåaren her?»
- <sup>9</sup> – Før i tida sa folk i Israel når nokon gjekk for å søkja råd hos Gud: «Kom, lat oss gå til sjåaren!» Det dei no kallar profet, kalla dei før i tida sjaar. –
- <sup>12</sup>Jentene svara: «Ja, han er beint framfor dykk. Skunda dykk, han er komen til byen i dag, for i dag held folket ei offerhøgtid på haugen.
- <sup>13</sup>Når de kjem inn i byen, finn de han før han går opp på haugen til måltidet. Folket et ikkje før han kjem, for det er han som velsignar offeret. Først då tek gjestene til å eta. Gå berre opp, for no kan de treffa han.»
- <sup>14</sup>Så gjekk dei opp til byen, og med det same dei var komne inn i byen, kom Samuel imot dei på veg opp til offerhaugen.
- <sup>15</sup>Dagen før Saul kom, hadde Herren varsla Samuel og sagt:
- <sup>16</sup> «I morgon på denne tida sender eg til deg ein mann frå Benjamin-landet; han skal du salva til fyrste over Israel, folket mitt. Han skal fria folket mitt frå filistarhand; for eg har sett kor folket mitt lid, og klageropa deira har nådd meg.»

<sup>17</sup>Då Samuel fekk auge på Saul, sa Herren til han: «Sjå, der er den mannen som eg tala til deg om. Han skal styra folket mitt.»

<sup>18</sup>Saul gjekk bort til Samuel midt i porten og sa: «Kan du seia meg kvar sjåaren bur!»

<sup>19</sup>Samuel svara Saul: «Eg er sjåaren. Gå føre meg opp på haugen! De skal eta med meg i dag. I morgon tidleg skal eg senda deg av stad, og eg skal fortelja deg alt som hjartet ditt vil vita.

<sup>20</sup>Eselhoppene som kom bort for deg for tre dagar sidan, skal du ikkje vera uroleg for; dei er komne til rette. Men kven er det heile Israel ønskjer seg? Er det ikkje deg og huset til far din?»

<sup>21</sup> Saul svara: «Men er ikkje eg berre ein benjaminitt, frå ein av dei minste stammane i Israel? Og er ikkje slekta mi den ringaste av alle slekter i Benjamin-stammen? Kvifor snakkar du då slik til meg?»

<sup>22</sup>Men Samuel tok Saul og tenesteguten hans og førte dei inn i hallen. Han gav dei plass øvst mellom gjestene. Det var om lag tretti mann der.

<sup>23</sup>Samuel sa til kokken: «Kom hit med det stykket som eg gav deg og bad deg leggja til sides.»

<sup>24</sup>Kokken tok opp lårstykket og det som følgde med, og sette det fram for Saul. Og Samuel sa: «Her har du det som er att. Et no! Det vart halde av for deg til denne festen som eg har kalla folket saman til.» Så åt Saul saman med Samuel den dagen.

<sup>25</sup> Sidan gjekk dei ned frå haugen og inn i byen, og Samuel sat og snakka med Saul på taket.

<sup>26</sup>Tidleg om morgonen, då det grydde av dag, ropa Samuel til Saul oppe på taket: «Stå opp, så skal eg følgja deg på veg!» Saul stod opp, og dei gjekk ut saman.



<sup>27</sup>Då dei kom til utkanten av byen, sa Samuel til Saul: «Sei til tenesteguten din at han skal gå i førevegen.» Tenesteguten gjekk, og Samuel sa: «Bli ståande her ei stund, så skal du få høyra kva Gud har sagt.»

## 1. Samuelsbok 10

<sup>1</sup> Samuel tok ei oljekrukke og helte oljen ut over hovudet til Saul. Han kyste Saul og sa: «No har Herren salva deg til fyrste over egedomen sin.

<sup>2</sup> Når du går frå meg i dag, møter du to menn ved Rakels grav i Selsah i Benjamin-landet. Dei seier til deg: Eselhoppene som du drog ut for å leita etter, er komne til rette. Far din tenkjer ikkje på dei lenger, men er redd for dykk og seier: Kva skal eg gjera for son min?

<sup>3</sup> Når du går vidare derifrå og kjem til Tabor-eika, møter du tre menn som er på veg opp til Betel for å tilbe Gud. Den eine ber tre kje, den andre tre runde brød og den tredje ein skinnsekk med vin.

<sup>4</sup> Dei helsar på deg og gjev deg to brød, som du skal ta imot.

<sup>5</sup> Så kjem du til Guds Gibeaa, der filistrane har vaktpostane sine. Når du kjem til byen, treffer du ein flokk profetar som kjem ned frå offerhaugen. Før dei går det nokre som slår på tromme og spelar på harpe, fløyte og lyre, og sjølve er dei gripne av profetisk glød.

<sup>6</sup> Då kjem Herrens ande over deg så du òg kjem i profetisk glød saman med dei og blir eit anna menneske.

<sup>7</sup> Når du ser desse teikna, så gjer det du maktar! For Gud er med deg.

<sup>8</sup> Gå føre meg ned til Gilgal! Der vil eg koma til deg og ofra brennoffer og fredsoffer. Sju dagar må du venta før eg kjem og seier deg kva du skal gjera.»

<sup>9</sup> Då Saul snudde seg for å gå frå Samuel, gav Gud han eit anna hjarte. Og same dagen hende alle desse teikna.

<sup>10</sup> Han kom til Gibeaa, der han møtte ein flokk profetar. Då kom Guds ande over han, og han vart gripen av profetisk glød saman med dei.

- 11** Alle som kjende han, såg at han tala profetisk saman med profetane. Dei sa til kvarandre: «Kva har hendt med son til Kisj? Er Saul òg mellom profetane?»
- 12**Ein mann derifrå sa: «Kven er då far deira?» Slik er det vorte eit ordtak: «Er Saul òg mellom profetane?»
- 13**Då den profetiske gløden var over og Saul kom til offerhaugen,
- 14** sa onkelen hans til han og tenesteguten hans: «Kvar har de vore?» «På leiting etter eselhoppene», svara han, «og då vi ikkje såg noko til dei, gjekk vi til Samuel.»
- 15**Då sa onkelen: «Fortel meg kva Samuel sa til dykk.»
- 16**«Han fortalde oss at eselhoppene var komne til rette», svara Saul. Men det som Samuel hadde sagt om kongsmakta, fortalde han ikkje til onkelen.
- 17**Sidan kalla Samuel folket saman til Herren i Mispa.
- 18**Der sa han til israelittane: «Så seier Herren, Israels Gud: Eg førte Israel opp frå Egypt og fria dykk frå handa til egyptarane og frå alle dei andre rika som undertrykte dykk.
- 19** Men no har de vraka dykkar Gud, han som berga dykk ut or all naud og fare, og de har sagt: Nei, set ein konge over oss! – Stig no fram for Herrens andlet, stamme for stamme og slekt for slekt!»
- 20**Samuel lét alle Israels stammar stiga fram, og loddet fall på Benjamin-stammen.
- 21**Så lét han Benjamin-stammen koma fram, slekt for slekt, og loddet fall på Matri-greina. Deretter fall loddet på Saul, son til Kisj. Dei leita etter han, men kunne ikkje finna han.
- 22**Då spurde dei Herren ein gong til: «Er mannen komen hit?» Herren svara: «Han har gøymt seg blant krigsutstyret.»
- 23** Dei sprang og henta han der, og han steig fram midt i folkemengda. Han var eit hovud høgare enn alle andre.

<sup>24</sup> Og Samuel sa til folket: «Her ser de han som Herren har valt ut! Det finst ikkje hans like i heile folket.» Og heile folket sette i eit hyllingsrop: «Leve kongen!»

<sup>25</sup> Så kunngjorde Samuel kongelova for folket. Han skreiv henne opp i ei bok som han la ned for Herrens andlet. Sidan sende han folket heim, kvar til sitt.

<sup>26</sup> Saul drog òg heim til Gibeaa, og med han følgde det nokre djerve menn. Gud hadde rørt ved hjartet deira.

<sup>27</sup> Men nokre gudlause menn sa: «Kva hjelp kan denne mannen gje oss?» Dei forakta han og kom ikkje med hyllingsgåve til han.

{{Nahasj, kongen over ammonittane, undertrykte gadittane og rubenittane med makt. Han stakk ut det høgre auget på dei, og det fanst ingen redningsmann for Israel. Det var ikkje att nokon israelitt på den andre sida av Jordan som ikkje Nahasj, kongen over ammonittane, hadde stukke ut høgre auget på. Men sjå, sju tusen mann berga seg frå handa åt ammonittane, og dei kom til Jabesj i Gilead.

## 1. Samuelsbok 11

### Saul vann over ammonittane

<sup>1</sup> Ein månad etter}} gjorde ammonitten Nahasj ei hærferd og kringsette Jabesj i Gilead. Og alle i Jabesj sa til han: «Gjer ei pakt med oss, så skal vi gje oss under deg.»

<sup>2</sup> Men ammonitten Nahasj svara: «Eg skal gjera ei pakt med dykk på den måten at eg stikk ut høgre auget på dykk alle, til vanære for heile Israel.»

<sup>3</sup> Då sa dei eldste i Jabesj til han: «Gjev oss ein frist på sju dagar så vi kan senda bod rundt om i heile Israel. Er det då ingen som hjelper oss, skal vi gje oss over til deg.»

<sup>4</sup> Då sendeboda kom til Sauls Gibeaa, bar dei ærendet sitt fram for folket, og heile folket brast i gråt.

<sup>5</sup>I same stunda kom Saul frå åkeren med oksane sine, og han spurde: «Kva er i vegen med folket sidan dei græt?» Dei fortalde han kva mennene frå Jabesj hadde sagt.

<sup>6</sup>Då Saul hørde det, kom Guds ande over han, og han vart brennande harm.

<sup>7</sup>Han tok eit spann oksar og skar dei opp i stykke som han sende rundt i heile Israel med denne budskapen: «Slik skal det gjerast med oksane til den som ikkje dreg ut med Saul og Samuel.» Då kom ei redsle for Herren over folket, og dei drog ut, alle som ein.

<sup>8</sup>Saul mønstra dei i Besek; det var 300 000 israelittar og 30 000 judearar.

<sup>9</sup>Dei sa til bodberarane som var komne: «Sei til mennene i Jabesj i Gilead: I morgon når sola tek til å brenna heitt, skal det koma hjelp til dykk.» Då bodberarane kom og melde dette til mennene i Jabesj, vart dei glade.

<sup>10</sup>Dei sa: «I morgon skal vi gje oss over til dykk, så kan de gjera med oss som de finn for godt.»

<sup>11</sup>Dagen etter delte Saul folket i tre avdelingar, og i morgonvakta braut dei inn i leiren. Då dagen var på det heitaste, hadde dei slege ammonittane. Dei som overlevde, vart spreidde. Det var ikkje att to mann på same staden.

<sup>12</sup>Folket sa til Samuel: «Kven var det som sa: Skal Saul vera konge over oss? Lat oss få tak i dei mennene og drepa dei!»

<sup>13</sup>Men Saul sa: «På denne dagen skal ingen drepast, for i dag har Herren gjeve Israel siger.»

<sup>14</sup>Samuel sa til folket: «Kom, lat oss fara til Gilgal og stadfesta kongedømet der.»

<sup>15</sup>Då drog heile folket til Gilgal, og der gjorde dei Saul til konge for Herrens andlet. Dei ofra fredsoffer til Herren, og Saul og alle israelittane gledde seg stort.

## 1. Samuelsbok 12

### Samuel tek avskil med folket

- <sup>1</sup> Samuel sa til heile Israel: «Eg har høyrte på alt de har sagt til meg, og eg har sett ein konge over dykk.
- <sup>2</sup> Frå no av er det kongen som skal leia dykk. Eg er gammal og grå, og sønene mine er mellom dykk. Frå eg var ung og til denne dag har eg vore leiaren dykkar.
- <sup>3</sup> Her står eg. Før no klagemål mot meg framfor Herren og den han har salva! Er det nokon eg har teke ein okse frå? Er det nokon eg har teke eit esel frå? Er det nokon eg har undertrykt? Er det nokon eg har mishandla? Er det nokon eg har teke imot stikkpengar frå – og så late att auga for uretten? Om så er, vil eg gje det tilbake.»
- <sup>4</sup> Dei svara: «Du har korkje undertrykt oss eller mishandla oss eller teke imot noko frå nokon.»
- <sup>5</sup> Då sa han til dei: «I dag er Herren og den han har salva, vitne på at de ikkje har funne noka skuld hos meg.» Folket svara: «Ja, han er vitne.»
- <sup>6</sup> Så sa Samuel til folket: Ja, Herren er vitne, han som handla gjennom Moses og Aron, og som førte fedrane dykkar opp frå Egypt.
- <sup>7</sup> Kom no fram, så vil eg føra klagemål mot dykk for Herrens andlet og fortelja om alle Herrens rettferdige gjerningar mot dykk og fedrane dykkar.
- <sup>8</sup> Då Jakob var komen til Egypt, ropa fedrane dykkar til Herren, og han sende Moses og Aron. Dei førte fedrane dykkar ut frå Egypt og lét dei få bu på denne staden.
- <sup>9</sup> Men dei gløymde Herren sin Gud. Difor gav han dei i hendene på Sisera, hærføraren i Hasor, og i hendene på filistrane og kongen i Moab. Alle desse gjekk til krig mot dei.
- <sup>10</sup> Då ropa dei til Herren og sa: «Vi har synda, for vi har gått bort frå Herren og dyrka Baal-gudane og Astarte-bileta. Men fri oss no ut av hendene på fiendane våre, så skal vi tena deg.»

- 11** Så sende Herren Jerubbaal og Bedan og Jefta og Samuel og berga dykk frå fiendane rundt omkring, så de kunne bu trygt.
- 12** Men då de såg at Nahasj, kongen over ammonittane, kom mot dykk, sa de til meg: «Nei, vi vil ha ein konge til å styra oss» – endå Herrendykkar Gud var kongen dykkar.
- 13** Sjø, her er kongen som de har valt, han som de bad om. No har Herren sett ein konge over dykk.
- 14** Om de fryktar Herren, tener og lyder han og ikkje set dykk opp mot hans ord, men følgjer Herren dykkar Gud, både de og kongen som rår over dykk, så er det godt.
- 15** Men vil de ikkje lyda Herrens røyst, men set dykk opp mot hans ord, skal Herrens hand ramma dykk som ho ramma fedrane dykkar.
- 16** Stig no fram og sjå det store som Herren vil gjera for auga på dykk!
- 17** Er det ikkje no tid for kveitehausten? Eg vil ropa til Herren, og han skal senda torevêr og regn. Då skal de skjøna og sjå at det i Herrens auge var ei stor synd de gjorde då de kravde ein konge.
- 18** Samuel ropa til Herren, og han sende torevêr og regn den dagen. Då vart folket gripe av stor frykt for Herren og for Samuel,
- 19** og dei sa til Samuel: «Bed til Herren din Gud at vi, tenarane dine, ikkje må døy. For vi la endå ei vond gjerning til alle syndene våre då vi kravde ein konge.»
- 20** Samuel sa då til folket: «Ver ikkje redde! De har gjort alt dette vonde; men vik no berre ikkje frå Herren, men ten Herren av heile dykkar hjarte!
- 21** Vik ikkje frå han! Følg ikkje tomme gudar som korkje kan hjelpa eller frelsa. For gagnlause er dei.
- 22** For sitt store namn skuld vil Herren ikkje forkasta folket sitt, for han har sett seg føre å gjera dykk til sitt folk.

<sup>23</sup>Og eg, aldri skal eg gjera slik ei synd mot Herren at eg held opp med å be for dykk. Eg skal læra dykk den gode og rette vegen.

<sup>24</sup>Frykt Herren og ten han med truskap og av eit heilt hjarte! For sjå kor store ting han har gjort mot dykk!

<sup>25</sup>Men gjer de det som er vondt, skal både de og kongen dykkar gå til grunne.»

## 1. Samuelsbok 13

### Krig med filistrane

<sup>1</sup>Saul var tretti år gammal då han vart konge, og han var konge over Israel i to år.

<sup>2</sup>Saul valde seg ut tre tusen mann av Israel. To tusen av dei var saman med han ved Mikmas og i fjelltraktene ved Betel, og eitt tusen var saman med Jonatan ved Gibeaa i Benjamins landområde. Saul sende resten av folket heim att, kvar til sitt.

<sup>3</sup>Jonatan slo vaktstyrken til filistrane i Gibeaa, og det fekk filistrane høyra. Saul lét hornet gjalla over heile landet, for han sa: «Dette skal hebrearane høyra.»

<sup>4</sup>Heile Israel fekk høyra at Saul hadde slege vaktstyrken til filistrane, og at filistrane hadde lagt israelittane for hat. Då vart folket kalla ut for å følgja Saul til Gilgal.

<sup>5</sup>Filistrane samla seg til strid mot Israel med tre tusen vogner og seks tusen ryttarar og med fotfolk så mange som sanden på havsens strand. Dei drog opp og slo leir ved Mikmas, aust for Bet-Aven.

<sup>6</sup>Israelittane vart hardt pressa, og då dei såg kor farleg det vart, gøymde nokre seg i hòler og tornebuskar, i fjellkløfter, underjordiske gangar og brønnar,

<sup>7</sup>medan andre rømde over Jordan til landområda i Gad og Gilead. Saul var framleis i Gilgal, og heile folket følgde han, skjelvande av redsle.

<sup>8</sup>Han venta i sju dagar, til den tida Samuel hadde fastsett. Men Samuel kom ikkje til Gilgal, og folket tok til å spreia seg og gå frå Saul.

<sup>9</sup>Då sa han: «Kom hit med brennofferet og fredsoffera!» Så bar han fram brennofferet.

<sup>10</sup>Han var nett ferdig med å ofra då Samuel kom. Og Saul gjekk til møtes med han for å helsa han velkomen.

<sup>11</sup>Samuel sa: «Kva har du gjort?» Saul svara: «Eg såg at folket spreidde seg og gjekk frå meg. Du kom ikkje til fastsett tid, og filistrane samla seg ved Mikmas.

<sup>12</sup>Då tenkte eg: No kjem filistrane ned til Gilgal og går til åtak på meg utan at eg har bede om velvilje for Herrens andlet. Difor våga eg meg til å bera fram brennofferet.»

<sup>13</sup>Då sa Samuel til Saul: «Du har bore deg uvitug åt. Du har ikkje halde det bodet som Herren din Gud gav deg. For då ville Herren ha stadfest kongedømet ditt over Israel for alle tider.

<sup>14</sup> Men no skal kongedømet ditt ikkje stå ved lag. Herren har leita seg ut ein mann etter sitt hjarte og kalla han til fyrste over folket sitt. For du har ikkje halde det Herren baud deg.»

<sup>15</sup> Så gjorde Samuel seg ferdig; han tok ut frå Gilgal og fór opp til Gibe'a i Benjamin. Då Saul mønstra folket som hadde samla seg rundt han, var det om lag seks hundre mann.

<sup>16</sup>Saul og Jonatan, son hans, låg ved Geba i Benjamins landområde med det folket som hadde samla seg rundt dei, og filistrane hadde slege leir ved Mikmas.

<sup>17</sup> Frå filistarleiren drog det ut plyndrarar i tre avdelingar. Den første gjekk i retning Ofra i Sjual-området,

<sup>18</sup> den andre i retning Bet-Horon og den tredje i retning grensa på høglandet over Sebo'im-dalen, mot ørkenen.



<sup>19</sup> Den gongen fanst det ingen smed i heile Israel. For filistrane sa: «Hebrearane må ikkje få laga seg sverd og spyd sjølve!»

<sup>20</sup> Difor laut kvar israelitt fara ned til filistrane når han skulle ha kvesst eit plogjern eller ei hakke, ei øks eller ein sigd.

<sup>21</sup> Prisen var to tredjedels sjekel for plogjern og hakker, tretinda høygaflar og øksar og for å få sett jernpigg på stavar.

<sup>22</sup> Slik hadde det seg at den dagen slaget stod, hadde ingen av dei som følgde Saul og Jonatan, sverd eller spyd. Berre Saul og Jonatan, son hans, hadde slike våpen.

<sup>23</sup> Forposten til filistrane rykte fram til passet ved Mikmas.

## 1. Samuelsbok 14

<sup>1</sup> Ein dag sa Jonatan, son åt Saul, til våpenberaren sin: «Kom, lat oss dra over til filistarforposten der borte på andre sida.» Men han sa ikkje noko om det til far sin.

<sup>2</sup> Saul låg då i utkanten av Gibea, under granatapalen i Migron. Folket som var med han, talde om lag seks hundre mann.

<sup>3</sup> Ahia bar efod-drakta. Han var son til Ahitub, som var bror til Ikabod, son til Pinhas og soneson til Eli, Herrens prest i Sjilo. Folket visste ikkje at Jonatan hadde gått.

<sup>4</sup> På kvar side av det skardet der Jonatan prøvde å koma over til filistarforposten, var det ein bratt berghamar. Den eine heiter Boses og den andre Senne.

<sup>5</sup> Den eine av desse hamrane stig rett opp på nordsida, midt imot Mikmas, den andre på sørsida, midt imot Geba.

<sup>6</sup> Så sa Jonatan til våpenberaren sin: «Kom, lat oss fara over til forposten åt desse uomskorne! Kan henda hjelper Herren oss. For ingen ting kan hindra Herren i å gje siger, anten vi er mange eller få.»

<sup>7</sup>Våpenberaren svara: «Gjer alt som ligg deg på hjartet. Gå berre på! Eg følgjer deg kvar du vil.»

<sup>8</sup>Då sa Jonatan: «No går vi over til dei, så dei får auge på oss.

<sup>9</sup>Om mennene då seier: Stå stille til vi kjem bort til dykk! – så blir vi ståande der vi er, og går ikkje opp til dei.

<sup>10</sup>Men seier dei: Kom opp til oss! – så går vi opp, for då har Herren gjeve dei i våre hender. Det skal vera teiknet vårt.»

<sup>11</sup>Då filistrane kunne sjå dei frå forposten, sa dei: «Sjå, der er nokre hebrearar som er komne ut or hòlene dei gøymde seg i.»

<sup>12</sup>Mennene på forposten ropa til Jonatan og våpenberaren hans: «Kom opp til oss, så skal vi seia dykk noko.» Då sa Jonatan til våpenberaren: «Følg meg opp, for Herren har gjeve dei i Israels hender.»

<sup>13</sup>Så kleiv Jonatan opp på hender og føter, og våpenberaren følgde. Filistrane fall då Jonatan slo til, og våpenberaren kom etter han og gav dei dødsstøyten.

<sup>14</sup>I dette første åttaket frå Jonatan og våpenberaren hans felte dei om lag tjue mann på ei vidd som svarar til halvparten av det som kan pløyast på ein dag.

<sup>15</sup>Då kom det redsle over heile hæren, både i leiren og ute på marka. Til og med forposten og plyndrarane skalv av skrekk. Jorda riste, og ei redsle frå Gud kom over dei.

<sup>16</sup>Frå Gibea i Benjamins landområde såg utkikkspostane til Saul at fiendehæren spreidde seg i alle retningar.

<sup>17</sup>Då sa Saul til folket som var med han: «Hald mønstring og finn ut kven av våre som manglar.» Så heldt dei mønstring, og det viste seg at Jonatan og våpenberaren hans var borte.

<sup>18</sup> Då sa Saul til Ahia: «Kom hit med Guds paktkiste!» For Guds paktkiste var på den tid hos israelittane.

<sup>19</sup> Men medan Saul tala med presten, auka forvirringa i filistarleiren meir og meir. Saul sa då til presten: «Trekk handa di tilbake!»

<sup>20</sup> Saul og alt folket samla seg og drog dit striden stod. Då fekk dei sjå at filistrane hadde vendt sverda mot kvarandre. Det råde full forvirring.

<sup>21</sup> Dei hebrearane som til no hadde stått under filistrane, og som hadde vore med dei på hærferdene deira, gjekk over til israelittane som følgde Saul og Jonatan.

<sup>22</sup> Då dei israelittane som hadde gøymt seg i Efraim-fjella, fekk høyra at filistrane var på flukt, sette dei etter dei og vart med i striden, dei òg.

<sup>23</sup> Såleis gav Herren Israel siger den dagen. Striden breidde seg forbi Bet-Aven,

<sup>24</sup> og det røynde hardt på for israelittane den dagen. Men Saul tok folket i eid og sa: «Forbanna er den som tek til seg mat før det blir kveld og eg har fått hemn over fiendane mine.» Og ingen smaka noko mat.

<sup>25</sup> Heile hæren drog inn i skogen. Der var det honning på marka.

<sup>26</sup> Det fløynde av honning i skogen, men ingen tok noko i munnen, slik age hadde folket for eiden.

<sup>27</sup> Men Jonatan hadde ikkje høyrte at far hans hadde teke folket i eid. Han rette fram staven som han hadde i handa, dyppa enden på han i honningen og tok honningen i munnen. Då fekk han att glansen i auga.

<sup>28</sup> Ein av mennene sa: «Far din har teke folket i eid og sagt: Forbanna er den som tek til seg mat i dag! Det er difor folka er så utmatta.»

<sup>29</sup> Jonatan svara: «Far min fører ulukke over landet. Sjå berre slik glans auga mine fekk då eg smaka litt av denne honningen.

<sup>30</sup> Om folket i dag hadde fått eta seg mette av byttet dei har teke frå fienden, ville nederlaget til filistrane ha vore endå større.»

<sup>31</sup> Den dagen slo dei filistrane og forfølgde dei frå Mikmas til Ajjalon. Men då var folket heilt utmatta.

<sup>32</sup> Dei kasta seg over byttet, tok sauer, oksar og kalvar og slakta dei på marka. Dei åt kjøtet med blodet i.

<sup>33</sup>Nokre menn fortalde det til Saul og sa: «No syndar folket mot Herren. Dei et kjøt med blod i.» Då sa Saul: «De har vore trulause. Velt no hit ein stor stein!»

<sup>34</sup>Så sa han: «Gå rundt til folket og sei at kvar og ein skal koma hit til meg med oxen sin eller lammet sitt og slakta dei her, og så kan dei eta. Synd ikkje mot Herren ved å eta kjøt med blod i.» Kvar og ein i hæren kom då med oxen sin og slakta han der om natta.

<sup>35</sup> Og Saul bygde eit altar for Herren. Det var det første altaret han bygde for Herren.

<sup>36</sup>Sidan sa Saul: «Lat oss dra nedover og setja etter filistrane i natt og plyndra dei til det gryr av dag. Ikkje ein einaste ein av dei skal bli att.» Dei svara: «Gjer i alle måtar som du synest.» Men presten sa: «Lat oss først stiga fram for Gud!»

<sup>37</sup>Så bad Saul Gud om råd: «Skal eg fara nedover etter filistrane? Vil du gje dei i Israels hender?» Men Gud svara han ikkje den dagen.

<sup>38</sup>Då sa Saul: «Kom hit, alle leiarar i folket! Ransak og finn ut kva det er for ei synd som er gjord i dag.

<sup>39</sup>For så sant Herren lever, han som gjev Israel siger: Om det så er Jonatan, min eigen son, som ber skulda, skal han døy.» Men ikkje ein i hæren svara han.

<sup>40</sup>Då sa han til heile Israel: «Still dykk på den eine sida, så skal eg og Jonatan, son min, stå på den andre.» Folket svara: «Gjer som du synest.»

<sup>41</sup>Då sa Saul til Herren, Israels Gud: «Lat sanninga koma fram!» Og loddet fall på Jonatan og Saul, men folket gjekk fritt.

<sup>42</sup>Så sa Saul: «Kast lodd mellom meg og Jonatan, son min.» Og loddet fall på Jonatan.

<sup>43</sup>Då sa Saul til Jonatan: «Fortel meg kva du har gjort!» Jonatan fortalde han det: «Eg tok litt honning på enden av staven som eg hadde i handa, og smaka på han. Her står eg. Eg er budd på å døy.»

<sup>44</sup>Saul sa: «Måtte Gud la det gå meg ille både no og sidan om du ikkje må døy etter dette, Jonatan.»

<sup>45</sup> Men folket sa til Saul: «Skal Jonatan døy, han som har vunne denne store sigeren for Israel? Det må aldri henda! Så sant Herren lever, ikkje eit hår skal falla frå hovudet hans og ned på marka! For han har hatt Gud med seg i det han har gjort i dag.» Slik berga folket Jonatan, og han slapp å døy.

<sup>46</sup>No gav Saul opp å forfølgja filistrane meir og drog oppover att, og filistrane drog heim til sitt.

### **Saul gjer storverk**

<sup>47</sup> Då Saul hadde sikra seg kongsmakt over Israel, førte han krig mot alle fiendane sine rundt ikring: mot moabittane, ammonittane og edomittane, mot kongane i Soba og mot filistrane. Og kvar han enn vende seg, vann han siger.

<sup>48</sup>Saul gjorde storverk. Han slo amalekittane og berga Israel frå dei som plyndra dei.

<sup>49</sup> Sønene til Saul var Jonatan, Jisjvi og Malkisjua. Han hadde to døtrer. Den eldste heitte Merab og den yngste Mikal.

<sup>50</sup>Kona til Saul heitte Ahinoam. Ho var dotter til Ahimaas. Hærføraren hans heitte Abner. Han var son til Ner, Sauls onkel.

<sup>51</sup> Kisj, far til Saul, og Ner, far til Abner, var begge søner av Abiel.

<sup>52</sup>Krigen mot filistrane var hard så lenge Saul levde. Kvar sterk og djerv mann Saul fekk auge på, tok han i si teneste.

## **1. Samuelsbok 15**

### **Herren vrakar Saul**

<sup>1</sup> Samuel sa til Saul: «Det var meg Herren sende for å salva deg til konge over folket hans, over Israel. Høyr no Herrens ord!

<sup>2</sup> Så seier Herren over hærskarane: Eg krev amalekittane til rekneskap for det dei gjorde mot isrealittane då dei drog opp frå Egypt. Dei sperra vegen for dei.

- <sup>3</sup> Dra no ut og slå amalekittane. Slå alt dei eig, med bann! Spar ingen. Drep menn og kvinner, småborn og spedborn, oksar og sauer, kamelar og esel!»
- <sup>4</sup> Så kalla Saul folket til våpen og mønstra dei i Tela'im. Det var to hundre tusen fotfolk forutan ti tusen judearar.
- <sup>5</sup> Då Saul kom til amalekitt-byen, la han seg i bakhald i det tørre elveleiet.
- <sup>6</sup> Til kenittane sa han: «Skil lag med amalekittane og dra bort, så eg ikkje gjer ende på dykk saman med dei. For de var gode mot israelittane då dei drog opp frå Egypt.» Då skilde kenittane lag med amalekittane.
- <sup>7</sup> Saul slo amalekittane og forfølgde dei frå Havila til bortimot Sjur, som ligg like ved Egypt.
- <sup>8</sup> Han fanga amalekittkongen Agag levande. Han slo alt folket med bann og hogg dei ned med sverd.
- <sup>9</sup> Men Saul og mennene hans sparte Agag og det beste av småfeet og storfeet, gjøfeet og lamma. Alt som var noko verdt, sparte dei og ville ikkje slå det med bann. Men alt som var verdlaust og ringt, bannlyste dei.
- <sup>10</sup> Då kom Herrens ord til Samuel:
- <sup>11</sup> «Eg angrar at eg gjorde Saul til konge, for han har vendt seg bort frå meg og ikkje gjort som eg har sagt.» Då vart Samuel harm og ropa til Herren heile natta.
- <sup>12</sup> Morgonen etter stod han tidleg opp for å møte Saul. Då vart det meldt til Samuel: «Saul kom til Karmel, og der reiste han eit minnesmerke over seg sjølv. Så braut han opp og drog nedover til Gilgal.»
- <sup>13</sup> Då Samuel kom til Saul, sa Saul til han: «Velsigna er du av Herren! Eg har gjort som Herren har sagt.»
- <sup>14</sup> Men Samuel sa: «Kva er det for breking som læt for øyra mine, og kva er det for rauting eg høyrer?»

<sup>15</sup>«Det er nokre dyr dei har teke frå amalekittane», svara Saul. «Krigsfolket sparte det beste av småfeet og storfeet for å ofra det til Herren din Gud, men resten har vi bannlyst.»

<sup>16</sup>Då sa Samuel til Saul: «Hald opp! Eg skal fortelja deg kva Herren har sagt til meg i natt.» «Sei det!» svara Saul.

<sup>17</sup>Samuel sa: «Sjølv om du er liten i eigne auge, er du likevel overhovud for Israels stammar! Herren salva deg til konge over Israel.

<sup>18</sup>Han sende deg i veg og sa: Gå og bannlys amalekittane, desse syndige, og kjemp mot dei til du har gjort ende på dei!

<sup>19</sup>Kvifor lydde du ikkje Herrens ord, men kasta deg over byttet og gjorde det som var vondt i Herrens auge?»

<sup>20</sup>Saul svara: «Eg lydde Herrens ord og gjekk den vegen Herren sende meg. Eg førte Agag, amalekittkongen, hit og slo amalekittane med bann.

<sup>21</sup>Men krigsfolket tok småfe og storfe av byttet, det beste av det som var bannlyst, og ville ofra det til Herren din Gud her i Gilgal.»

<sup>22</sup> Då sa Samuel: «Har Herren si glede i brennoffer og slaktoffer like mykje som i lydnad mot Herrens ord? Nei, å lyda er betre enn slaktoffer, å høyra etter er betre enn feitt av vêrar.

<sup>23</sup>Trass er som spådomssynd, og stridlynde er som avgudsdyrking. Fordi du har vraka Herrens ord, har han vraka deg som konge.»

<sup>24</sup>Då sa Saul til Samuel: «Eg har synda, for eg har brote Herrens bod og dine ord. Eg var redd folket og gav etter for dei.

<sup>25</sup>Men tilgjev no mi synd og ver med meg attende, så eg kan tilbe Herren.»

<sup>26</sup>Men Samuel svara: «Eg vil ikkje vera med deg attende. For du har vraka Herrens ord, og Herrenhar vraka deg. Du skal ikkje lenger vera konge over Israel.»

<sup>27</sup>Dermed snudde Samuel seg og ville gå. Men Saul greip tak i kanten på kappa hans, så ho rivna.

<sup>28</sup> Då sa Samuel til han: «I dag har Herren rive kongedømet over Israel frå deg og gjeve det til ein annan, ein som er betre enn du.

<sup>29</sup> Han som er Israels ære, lyg ikkje og angrar ikkje. For han er ikkje eit menneske, ein som angrar.»

<sup>30</sup> Saul svara: «Eg har synda. Men syn meg likevel den æra framfor dei eldste i folket mitt og heile Israel. Ver med meg attende så eg kan tilbe Herren din Gud.»

<sup>31</sup> Då følgde Samuel Saul attende, og Saul tilbad Herren.

<sup>32</sup> Sidan sa Samuel: «Før Agag, amalekittkongen, hit til meg.» Skjelvande gjekk Agag fram for han og sa: «Sanneleg, beisk er døden!»

<sup>33</sup> Samuel svara: «Som sverdet ditt reiv borna bort frå mødrene, skal di mor bli barnlaus, meir enn andre kvinner.» Så hogg Samuel Agag ned for Herrens andlet i Gilgal.

<sup>34</sup> Deretter gjekk Samuel til Rama, og Saul drog heim att til Sauls Gibeaa.

<sup>35</sup> Til sin dødsdag såg Samuel aldri Saul att, for han sørgde over Saul. Men Herren angra at han hadde gjort Saul til konge over Israel.

## 1. Samuelsbok 16

### Samuel salvar David til konge

<sup>1</sup> Herren sa til Samuel: «Kor lenge vil du sørgja over Saul? Eg har vraka han som konge over Israel. Fyll hornet ditt med olje og gå! Eg sender deg til Isai i Betlehem, for eg har sett meg ut ein av sønene hans til konge.»

<sup>2</sup> Samuel svara: «Korleis kan eg fara dit? Får Saul høyra det, drep han meg.» Då sa Herren: «Ta med deg ei kvige og sei at du kjem og vil ofra til Herren.

<sup>3</sup> Bed så Isai til ofringa! Sidan lèt eg deg vita kva du så skal gjera. Du skal salva for meg han eg viser deg.»

<sup>4</sup> Samuel gjorde som Herren hadde sagt. Då han kom til Betlehem, gjekk dei eldste i byen skjelvande imot han og spurde: «Kjem du i fredeleg ærend?»



<sup>5</sup> Han svara: «Ja, eg er komen for å ofra til Herren. Gjer dykk reine og heilage og ver med meg til ofringa.» Så helga han Isai og sønene hans og bad inn til høgtida.

<sup>6</sup> Då dei så kom og han fekk sjå Eliab, sa han til seg sjølv: «Her, framfor Herren, står no hans salva.»

<sup>7</sup> Men Herren sa til Samuel: «Sjå ikkje på skapnaden hans og den høge voksteren, for eg har vraka han. Her gjeld ikkje det som menneske ser. For menneska ser det som auga ser, men Herren ser på hjartet.»

<sup>8</sup> Då ropa Isai på Abinadab og lét han gå fram for Samuel. Men Samuel sa: «Heller ikkje han har Herren valt ut.»

<sup>9</sup> Så lét Isai Sjamma gå fram; men Samuel sa: «Heller ikkje han har Herren valt ut.»

<sup>10</sup> Slik lét Isai dei sju sønene gå fram for Samuel. Men Samuel sa til Isai: «Herren har ikkje valt ut nokon av desse.»

<sup>11</sup> Då spurde Samuel: «Var dette alle gutane dine?» Isai svara: «Det er endå ein att, den yngste. Han er ute og gjeter småfeet.» Då sa Samuel: «Send bod etter han! Vi set oss ikkje til bords før han kjem.»

<sup>12</sup> Så sende Isai bod etter han. Han var raudleitt, hadde vakre auge og var vakker å sjå til. Herren sa: «Reis deg og salva han! For han er det.»

<sup>13</sup> Då tok Samuel hornet med olje og salva han midt mellom brørne hans. Frå den dagen kom Herrens ande over David og var med han sidan. Så braut Samuel opp og drog heim att til Rama.

### **David i teneste hos Saul**

<sup>14</sup> Herrens ande forlét Saul, og ei vond ånd frå Herren skremde han.

<sup>15</sup> Då sa Sauls menn til han: «Vi ser at ei vond ånd frå Gud skremmer deg.

<sup>16</sup> Sei berre frå, herre, så skal tenarane dine som står her framfor deg, leita opp ein mann som kan spela på harpe. Når ei vond ånd frå Gud kjem over deg, skal han spela på harpa. Det vil gje deg lindring.»

<sup>17</sup>Saul svara: «Ja, finn meg ein mann som er god til å spela, og før han hit til meg!»

<sup>18</sup>Ein av dei unge mennene sa: «Eg har sett ein son til Isai frå Betlehem som kan spela. Han er ein modig og djerv krigar; han snakkar forstandig og er ein vakker mann. Og Herren er med han.»

<sup>19</sup>Så sende Saul bod til Isai og sa: «Send hit til meg David, son din, han som gjeter småfeet!»

<sup>20</sup>Då tok Isai eit esel, leste det med brød, ein skinnsekk med vin og eit kje og sende det med David, son sin, til Saul.

<sup>21</sup>Slik kom David til Saul og gav seg i teneste hos han. Saul vart svært glad i han og gjorde han til våpenberaren sin.

<sup>22</sup>Han sende bod til Isai og sa: «Lat David få vera i teneste hos meg, for eg synest godt om han.»

<sup>23</sup>Når så ei vond ånd frå Gud kom over Saul, tok David fram harpa si og spela på henne, og Saul fekk lindring. Det vart betre med han, og den vonde anda forlét han.

## 1. Samuelsbok 17

### David og Goliat

<sup>1</sup>Filistrane samla hærane sine til kamp. Dei kom saman ved Soko i Juda og slo leir ved Efes-Dammim, mellom Soko og Aseka.

<sup>2</sup>Saul og israelittane samla seg òg. Dei slo leir i Ela-dalen og gjorde seg klare til kamp mot filistrane.

<sup>3</sup>Filistrane stod oppstilte i den eine fjellskråninga og israelittane i den andre. Berre dalen var mellom dei.

<sup>4</sup>Då kom det fram frå rekkjene ein mann som utfordra til tvikamp. Han heitte Goliat og var frå Gat. Han var seks alner og eit fingerspenn høg.

<sup>5</sup>På hovudet hadde han ein bronsehjelm, og han var kledd i ei skjelbrynje av bronse. Ho vog fem tusen sjekel.

<sup>6</sup>På leggene hadde han bronsespjelkar, og på ryggen bar han ein sabel av bronse.

<sup>7</sup>Skaftet på spydet hans var tjukt som ein vevbom, og spydspissen var av jern og vog seks hundre sjekel. Skjoldberaren gjekk føre han.

<sup>8</sup>Goliat stilte seg opp og ropa til Israels-hæren: «Kvifor dreg de ut og gjer dykk klare til strid? Er ikkje eg ein filistar og de Sauls tenarar? Vel ut ein mann og send han ned til meg!

<sup>9</sup>Kan han kjempa med meg og fella meg, skal vi vera slavane dykkar. Men vinn eg over han og feller han, skal de vera våre slavar og tena oss.»

<sup>10</sup>Og filistaren heldt fram: «I dag har eg hånt Israels hær. Send hit ein mann, så skal vi kjempa mot kvarandre.»

<sup>11</sup>Då Saul og alle israelittane hørde kva filistaren sa, vart dei svært redde og mista motet.

<sup>12</sup>David var son til Isai, som hørde til Efrat-slekta frå Betlehem i Juda. Denne mannen hadde åtte søner. På Sauls tid var Isai gammal og skral.

<sup>13</sup>Dei tre eldste sønene hans hadde følgd Saul i krigen. Den eldste av desse tre sønene som hadde gått i krigen, heitte Eliab, den andre Abinadab og den tredje Sjamma.

<sup>14</sup>David var den yngste. Dei tre eldste hadde følgd Saul.

<sup>15</sup>Men David gjekk ofte heim att frå Saul for å gjeta småfeet til far sin i Betlehem.

<sup>16</sup>Morgon og kveld kom filistaren fram. I førti dagar baud han seg fram til kamp.

<sup>17</sup>Då sa Isai til David, son sin: «Ta med ein efa av dette steikte kornet og desse ti brøda og skund deg til brørne dine i leiren!

<sup>18</sup>Og desse ti ostestykka skal du ha med til tusenmannsføraren. Finn ut korleis det står til med brørne dine, og få med deg eit teikn frå dei!

- <sup>19</sup> Dei og alle dei andre israelittane er hos Saul i Ela-dalen og fører krig mot filistrane.»
- <sup>20</sup>Morgonen etter stod David tidleg opp og overlét småfeet til ein gjetar. Så tok han det han skulle ha med, og gjekk i veg slik Isai hadde sagt han. Då han kom til leiren, gjekk hæren nett ut og stilte seg opp, og krigsropet ljoma.
- <sup>21</sup>Både israelittane og filistrane stilte seg opp, front mot front.
- <sup>22</sup>David la sakene sine frå seg hos vaktaren som hadde tilsyn med krigsutstyret. Så sprang han bort til hæren, fann brørne sine og helsa på dei.
- <sup>23</sup>Medan han snakka med dei, steig tvikjemparen, filistaren Goliat frå Gat, fram frå rekkjene med filistrar. Han ropa dei same orda som tidlegare, og no hørde David det òg.
- <sup>24</sup>Alle israelittane flykta for Goliat straks dei fekk sjå han. Dei var svært redde.
- <sup>25</sup>Og dei sa seg imellom: «Ser de den karen som kjem fram der? Han kjem for å håna Israel. Den som feller han, vil kongen gje stor rikdom og dotter si med, og slekta hans skal vera friteken for skatt i Israel.»
- <sup>26</sup>David spurde dei mennene som stod saman med han: «Kva var det han skulle få, den mannen som feller filistaren og tek ei slik vanære bort frå Israel? Kven er han vel, denne uomskorne filistaren som vågar å håna hæren til den levande Gud?»
- <sup>27</sup>Folket tok opp att det som var sagt: Det og det skal han få som feller han.
- <sup>28</sup>Eliab, eldste bror til David, hørde kva han tala med mennene om. Han vart sint på David og sa: «Kvifor er du komen hit ned? Kven har du fått til å gjeta den vesle saueflokken uti ørkenen? Eg veit kor frekk og vond du er. Du er berre komen hit for å sjå på slaget.»
- <sup>29</sup>«Kva gale har eg no gjort?» svara David. «Det var då berre eit spørsmål!»
- <sup>30</sup>Så vende han seg frå bror sin og spurde ein annan om det same. Og folket gav han same svaret som første gongen.

- <sup>31</sup>Det spurdest snart kva David hadde sagt, og det vart kunngjort for Saul, som sende bod etter han.
- <sup>32</sup>David sa til Saul: «Ingen må mista motet! Tenaren din skal gå og kjempa med denne filistaren.»
- <sup>33</sup>Men Saul svara: «Du kan ikkje gå mot filistaren og kjempa med han; du er då berre ungguten, og han har vore krigar heilt ifrå ungdomen.»
- <sup>34</sup>Då sa David: «Tenaren din har gjeitt småfeet for far sin. Kom det då ei løve eller ein bjørn og tok eit fe frå flokken,
- <sup>35</sup>sprang eg etter udyret, slo det og reiv feet ut or gapet på det. Og reiste det seg mot meg, treiv eg det i skjegget og slo det i hel.
- <sup>36</sup>Både løve og bjørn har tenaren din felt, og det skal gå denne uomskorne filistaren som dei; for han har hånt den levande Guds hær.»
- <sup>37</sup> Og David la til: «Herren, som har berga meg frå løve og bjørn, han skal nok òg berga meg frå denne filistaren.» Då sa Saul til David: «Gå, måtte Herren vera med deg.»
- <sup>38</sup>Så lét han David få sine eigne klede, sette ein bronsehjelm på hovudet hans og hadde på han ei brynje.
- <sup>39</sup>David batt sverdet til Saul utanpå kleda og prøvde å gå, men til fånyttes. For han hadde aldri prøvd det før. «Eg greier ikkje å gå med dette på meg», sa han til Saul, «eg er ikkje van med det.» Så la han det av seg
- <sup>40</sup>og tok heller staven sin i handa, valde seg ut fem glatte steinar frå elvefaret og la dei i gjetartaska som han bar over aksla. Slyngja hadde han i handa. Så gjekk han fram mot filistaren.
- <sup>41</sup>Imedan kom filistaren nærare og nærare David, og skjoldberaren gjekk føre han.
- <sup>42</sup> Då filistaren såg fram for seg og fekk auge på David, fnyste han forakteleg av han. For David var berre ungguten, raudleitt og vakker å sjå til.

<sup>43</sup>«Trur du eg er ein hund, sidan du kjem imot meg med kjeppar?» ropa filistaren til David. Og han forbanna David ved gudane sine.

<sup>44</sup>«Kom hit til meg», sa han, «så skal eg gje kjøtet ditt til fuglane under himmelen og dyra på marka.»

<sup>45</sup>David svara: «Du kjem mot meg med sverd, spyd og sabel, men eg kjem mot deg i namnet til Herren over hærskarane, han som er Gud for Israels hær, han som du har hånt.

<sup>46</sup>I dag vil Herren gje deg i mi hand. Eg skal slå deg i hel og hogga hovudet av deg. Og liket ditt og lika av filistarhæren skal eg i dag gje til fuglane under himmelen og til villdyra på jorda. Så skal heile jorda skjøna at Israel har ein Gud.

<sup>47</sup> Og alt dette folket som er samla, skal skjøna at det ikkje er med sverd og spyd Herren gjev siger. Det er Herren som rår for krigen, og han skal gje dykk over i våre hender.»

<sup>48</sup>Då filistaren tok til å gå bort imot David att, sprang David brått fram føre hæren for å møte han.

<sup>49</sup>Han stakk handa ned i veska og tok opp ein stein. Den kasta han med slyngja så han råka filistaren i panna. Steinen gjekk djupt inn i panna hans, og han stupte med andletet mot jorda.

<sup>50</sup>Slik vann David over filistaren med slyngje og stein. Han felte filistaren og slo han i hel, endå han ikkje hadde noko sverd i handa.

<sup>51</sup>David sprang bort til filistaren, tok sverdet hans, drog det ut or slira og drap han. Så hogg han hovudet av han. Då filistrane såg at kjempa deira var død, flykta dei.

<sup>52</sup>Men israelittane og judearane storma fram med høge krigsrop og forfølgde dei til Gat og til portane i Ekron. Det låg falne filistrar langs vegen frå Sjaarajim heilt til Gat og Ekron.

<sup>53</sup>Då forfølgde ikkje israelittane filistrane lenger, men drog tilbake og plyndra leiren deira.

<sup>54</sup>David tok hovudet til filistaren og hadde det med seg til Jerusalem, men våpna hans la han i teltet sitt.

<sup>55</sup>Då Saul såg David gå fram mot filistaren, sa han til Abner, hærføraren sin: «Abner, kven er den ungguten son til?» Abner svara: «Så sant du lever, konge, det veit eg ikkje.»

<sup>56</sup>Kongen sa: «Finn ut kven den ungguten er son til.»

<sup>57</sup>Då David kom att etter at han hadde felt filistaren, tok Abner han og førte han fram for Saul. Han heldt endå hovudet til filistaren i handa.

<sup>58</sup>Og Saul spurde: «Kven er du son til, unge mann?» David svara: «Eg er son til din tenar Isai i Betlehem.»

## 1. Samuelsbok 18

### Saul blir misunneleg på David

<sup>1</sup> Då David hadde snakka med Saul, vart Jonatan nær knytt til David og fekk han så kjær som sitt eige liv.

<sup>2</sup> Same dagen tok Saul David til seg og lét han ikkje meir få venda attende til heimen sin.

<sup>3</sup> Og Jonatan gjorde ei pakt med David fordi han hadde fått han så kjær som sitt eige liv.

<sup>4</sup> Han tok av seg kappa og gav henne til David saman med stridskleda og sverdet, bogen og beltet.

<sup>5</sup> Sidan drog David ut i krigen, og han hadde lukka med seg kvar enn Saul sende han. Difor sette Saul han over stridsmennene sine. Heile folket såg opp til han, også mennene til Saul.

<sup>6</sup> Då hæren kom heim etter at David hadde felt filistaren, kom kvinnene syngjande og dansande ut frå alle byane i Israel for å møte kong Saul med trommer, glederop og triangelspel.

<sup>7</sup>Medan dei dansa, song kvinnene: «Saul slo i tusental, men David slo i titusental.»

<sup>8</sup>Då vart Saul brennande harm. Han lika desse orda ille og sa: «Dei gjev David æra for titusental, men meg berre for tusental. No manglar han berre kongsmakta!»

<sup>9</sup>Frå den dagen såg Saul skeivt til David.

<sup>10</sup>Dagen etter kom det ei vond ånd frå Gud over Saul. Han vart heilt frå seg inne i huset, og David spela på harpa, som han gjorde kvar dag. Saul hadde eit spyd i handa.

<sup>11</sup>Han kasta spydet mot David og tenkte: «No spiddar eg han til veggen.» Men David bøygde seg unna to gonger.

<sup>12</sup>Då vart Saul redd David; for Herren var med han, men Saul hadde han vike frå.

<sup>13</sup>Difor sende Saul han frå seg og sette han til førar for tusen mann. David førte hæren ut i kamp og heim att.

<sup>14</sup>David hadde lukka med seg i alt han tok seg føre, for Herren var med han.

<sup>15</sup>Då Saul såg at det gjekk godt for David, vart han endå meir redd han.

<sup>16</sup>Men heile Israel og Juda elska David, for det var han som førte dei ut i kamp og heim att.

<sup>17</sup>Ein dag sa Saul til David: «Her er Merab, eldste dotter mi. Henne gjev eg deg til kone. Syn meg til gjengjeld at du er ein djerv mann og førerHerrens krigar.» For Saul sa til seg sjølv: «Eg vil ikkje leggja hand på han; det skal filistrane gjera.»

<sup>18</sup>David svara Saul: «Kven er vel eg i Israel, og kva er vel mi slekt og familien til far min, sidan eg skal bli svigerson til kongen?»

<sup>19</sup>Men på den tida då David skulle få Merab, dotter til Saul, vart ho gift bort til Adriel frå Mehola.



<sup>20</sup>Men Mikal, dotter til Saul, hadde vorte glad i David. Då Saul fekk vita det, tykte han godt om det.

<sup>21</sup>«Han skal få henne», tenkte Saul. «Ho skal bli ei snare for han så han kjem i filistarvald.» Difor sa Saul til David for andre gong: «Du skal bli svigerson min.»

<sup>22</sup>Så sa Saul til mennene sine: «Tal med David i løynd og sei: Kongen tykkjer vel om deg, og alle mennene hans held av deg. No kan du bli svigerson til kongen.»

<sup>23</sup>Då mennene til Saul kviskra dette i øyra på David, sa han: «Trur de det er så lett å bli svigerson til kongen? Eg er ein fattig og lågætta mann.»

<sup>24</sup>Mennene til Saul fortalde kongen kva David hadde svara.

<sup>25</sup>Då sa Saul: «Gå og sei til David at kongen ikkje vil ha noka anna festargåve enn forhuda av hundre filistrar; slik vil han hemna seg på fiendane sine.» For Saul rekna med at filistrane kom til å drepa David.

<sup>26</sup>Då mennene til Saul fortalde David kva Saul hadde sagt, var David glad for at han skulle bli svigerson til kongen. Og før tida var ute,

<sup>27</sup>braut David opp og drog av stad med folka sine. Han felte to hundre filistrar. Så tok han forhudene deira med seg, og dei vart talde opp for kongen, slik at han kunne bli svigerson til kongen. Då gav Saul han dotter si, Mikal, til kone.

<sup>28</sup>Men då Saul såg at Herren var med David, og skjøna at Mikal, dotter hans, elska han,

<sup>29</sup>då vart han endå reddare David. Sidan var Saul fienden til David all sin dag.

<sup>30</sup>Filistarhovdingane rykte ofte ut i kamp. Og kvar gong dei drog ut, gjekk det betre for David enn for alle dei andre mennene til Saul, og han vann seg eit stort namn.

## 1. Samuelsbok 19

## Saul står David etter livet

<sup>1</sup>Ein gong tala Saul med Jonatan, son sin, og med alle mennene sine om å få David drepen. Men Jonatan, son til Saul, var svært glad i David.

<sup>2</sup>Difor fortalde han dette til David og sa: «Saul, far min, tenkjer på å drepa deg. Ta deg i vare i morgon tidleg! Finn deg ein gøymestad og hald deg der!

<sup>3</sup>Så skal eg gå ut på marka der du er, og stå ved sida av far. Eg vil tala med han om deg, og merkar eg noko, skal eg seia deg det.»

<sup>4</sup>Jonatan tala Davids sak for Saul, far sin. Han sa: «Kongen må ikkje gjera urett mot David, tenaren sin, for han har ikkje gjort urett mot deg. Det han har gjort, har heller vore til stort gagn for deg.

<sup>5</sup>Han sette livet på spel og felte filistaren, og Herren lét heile Israel vinna ein stor siger. Du såg det sjølv og gledde deg. Kvifor vil du då la uskuldig blod renna og drepa David utan grunn?»

<sup>6</sup>Saul hørde på Jonatan og svor: «Så sant Herren lever, han skal ikkje mista livet!»

<sup>7</sup>Då ropa Jonatan på David og fortalde han alt saman. Jonatan førte David fram for Saul, og David vart verande hos han som før.

<sup>8</sup>Men krigen heldt fram, og David drog ut og kjempa mot filistrane. Dei leid stort nederlag og flykta for han.

<sup>9</sup>Ein dag kom det ei vond ånd frå Herren over Saul medan han sat i huset sitt med spydet i handa og David spela på harpa.

<sup>10</sup>Saul prøvde å spidda David til veggen med spydet. Men David bøygde unna for Saul, og spydet fór i veggen. David flykta og kom seg unna same natta.

<sup>11</sup>Saul sende nokre menn til Davids hus for å vakta på han og drepa han om morgonen. Men Mikal, kona til David, varsla han om det og sa: «Kjem du deg ikkje unna i natt, blir du drepen i morgon.»

<sup>12</sup>Så firte ho han ned frå vindaugget, og han flykta og kom seg bort.

**13** Like etter tok ho terafane og la dei i senga. Ho la eit teppe av geiteragg ved hovudet deira og breidde sengeteppet over.

**14**Då utsendingane frå Saul kom for å henta David, sa ho: «Han er sjuk.»

**15**Så sende Saul dei same mennene for å sjå David, og sa: «Ber han hit til meg i senga. Han skal døy.»

**16**Men då mennene kom inn, fekk dei sjå terafane i senga med teppet av geiteragg ved hovudet.

**17**Saul sa til Mikal: «Kvifor har du narra meg slik og hjelpt fienden min til å sleppa unna?» Mikal svara: «Han sa til meg: Hjelp meg å sleppa bort, elles drep eg deg.»

**18** Då David hadde flykta og kome seg unna, drog han til Samuel i Rama og fortalde han korleis Saul hadde vore mot han. Så gjekk han og Samuel til Nevajot og slo seg til der.

**19**Då Saul fekk vita at David var i Nevajot ved Rama,

**20**sende han nokre menn dit for å henta han. Men då dei fekk sjå profetflokken, som var i profetisk glød, og Samuel, som stod framfor dei, kom Guds ande over utsendingane frå Saul, og dei vart gripne av profetisk glød, dei òg.

**21** Saul fekk vita om det og sende andre menn. Men det gjekk like eins med dei. Saul sende folk dit ein tredje gong, men dei kom i profetisk glød, dei òg.

**22**Til slutt gjekk han sjølv til Rama, og då han kom til den store brønnen i Seku, spurde han: «Kvar er Samuel og David?» Dei svara: «I Nevajot ved Rama.»

**23** Så gjekk han dit, til Nevajot ved Rama. Men Guds ande kom over han òg, og han gjekk i profetisk glød heile vegen til Nevajot ved Rama.

**24** Saul reiv av seg kleda og stod framfor Samuel, gripen av profetisk glød liksom dei andre, heilt til han fall over ende. Og han vart liggjande naken heile dagen og heile natta. Difor seier folk: «Er Saul òg mellom profetane?»

## 1. Samuelsbok 20

### David og Jonatan

<sup>1</sup>David flykta frå Nevajot ved Rama. Han kom til Jonatan og sa: «Kva har eg gjort? Kva vondt og gale har eg gjort mot far din sidan han vil ta livet av meg?»

<sup>2</sup>Jonatan svara: «Langt ifrå! Du skal ikkje døy! Far min gjer då aldri noko, stort eller smått, utan at han lèt meg få vita det. Kvifor skulle han då løyna dette for meg? Slik er det ikkje.»

<sup>3</sup>Men David svara med ein eid: «Far din veit godt at du ser på meg med velvilje. Difor tenkjer han: Dette må ikkje Jonatan få vita, det ville gjera han vondt. Men så sant Herren lever, og så sant du sjølv lever: Det er berre eit steg mellom meg og døden.»

<sup>4</sup>Då sa Jonatan til David: «Alt det du ønskjer, vil eg gjera for deg.»

<sup>5</sup>David svara: «I morgon er det nymåne. Då skulle eg sitja til bords med kongen. Men lèt du meg gå, gøymer eg meg ute på marka til tredje kvelden.

<sup>6</sup>Skulle så far din sakna meg, må du seia: David bad meg om lov til å fara heim til Betlehem i all hast, for der held heile slekta den årlege offerfesten sin.

<sup>7</sup>Seier han då: Det er godt, så kan tenaren din vera trygg. Men fer han opp i sinne, kan du vera viss på at han har sett seg føre å gjera meg noko vondt.

<sup>8</sup>Ver god mot meg, for du har late meg gjera venskapspakt med deg for Herrens andlet. Men har eg gjort meg skuldig i noka synd, så drep meg du! Kvifor skulle du vel føra meg til far din?»

<sup>9</sup>Jonatan svara: «Det skal aldri henda deg! Skjønar eg at far min har sett seg føre å gjera deg noko vondt, skal eg nok seia deg det.»

<sup>10</sup>Då spurde David: «Kven skal varsla meg dersom far din gjev eit uforsonleg svar?»

<sup>11</sup>Jonatan sa: «Kom, lat oss gå ut på marka!» Så gjekk dei to ut på marka.

<sup>12</sup>Der sa Jonatan til David: «Ved Herren, Israels Gud: I morgon eller i overmorgon på denne tida skal eg ha funne ut kva far min har i tankane. Anten det då ser bra ut for deg eller ikkje, skal eg senda bod til deg og la deg få vita det.

<sup>13</sup> Herren la det gå meg ille både no og sidan dersom far min finn for godt å føra ulukke over deg utan at eg varslar deg og hjelper deg til å koma unna, så du kan fara din veg i fred. Herren vere med deg som han har vore med far min.

<sup>14</sup>Så lenge eg lever, må du vera god mot meg slik Herren er det. Og når eg døyr,

<sup>15</sup>må du aldri halda opp med å vera god mot mitt hus! Når Herren har rydda ut alle Davids fiendar frå jorda,

<sup>16</sup>måtte då namnet til Jonatan ikkje bli utrydda, men leva saman med Davids hus! Må Herren ta hemn over Davids fiendar!»

<sup>17</sup>Så stadfeste Jonatan endå ein gong sin eid til David, for han var glad i han; han hadde David like kjær som sitt eige liv.

<sup>18</sup>Sidan sa Jonatan til han: «I morgon er det nymåne, og du kjem til å bli sakna når plassen din er tom.

<sup>19</sup> Men i overmorgon skal du gå ned til den staden der du gøymde deg den dagen ugjerninga skulle gjerast, og halda deg nær Etsel-stenen.

<sup>20</sup>Så skal eg skyta tre piler mot den eine sida av han, som om eg skaut mot eit mål,

<sup>21</sup>og senda guten min av stad for å finna pilene. Seier eg då til guten: Pilene ligg på denne sida av deg, hent dei! – så kan du koma fram. Då kan du vera trygg; så sant Herren lever, det er ingen fare.

<sup>22</sup>Men seier eg til ungguten: Pilene ligg bortanfor deg, – så dra din veg! For då sender Herren deg bort.

<sup>23</sup>Den lovnaden vi har gjeve kvarandre, eg og du, den skal Herren vera eit vitne på for alltid.»

<sup>24</sup>Så gøymde David seg ute på marka.

### **Saul blir sint på Jonatan**

Nymånedagen kom, og kongen sette seg til bords og skulle eta.

<sup>25</sup>Han sat der han var van å sitja, i høgsetet oppmed veggen. Jonatan sette seg rett imot han, og Abner sat ved sida av Saul. Men plassen til David stod tom.

<sup>26</sup>Saul sa ikkje noko den dagen, for han tenkte: «Det har vel hendt han noko så han ikkje er rein; han har ikkje fått reinsa seg enno.»

<sup>27</sup>Men då plassen til David stod tom også andre dagen, dagen etter nymåne, då sa Saul til Jonatan, son sin: «Kvifor er ikkje Isai-sonen komen til måltidet korkje i går eller i dag?»

<sup>28</sup>Jonatan svara: «David bad meg inntrengjande om lov til å dra til Betlehem.

<sup>29</sup>Kjære, lat meg få fara, sa han, for slekta vår held offerfest der i byen, og bror min har bede meg koma. Om du ser på meg med velvilje, så lat meg få fara heim og helsa på slektingane mine! – Difor er han ikkje komen til kongens bord.»

<sup>30</sup>Då vart Saul rasande på Jonatan og sa til han: «Du son til ei dårleg og trassig kvinne! Var det ikkje det eg visste at du har valt deg ut denne Isai-sonen til skam for deg sjølv og til skam for nakenskapen til mor di!

<sup>31</sup>Så lenge Isai-sonen lever på jorda, står korkje du eller kongedømet ditt trygt. Send bod og hent han hit til meg, for han skal døy!»

<sup>32</sup>«Kvifor skal han døy?» spurde Jonatan. «Kva gale har han gjort?»

<sup>33</sup> Men Saul lyfte spydet og ville renna det gjennom han. Då skjøna Jonatan at far hans ville drepa David.

<sup>34</sup>Han reiste seg frå bordet i brennande harme og smaka ikkje mat den andre nymånedagen. Så vondt hadde Jonatan av David, for far hans hadde audmjuka han.

### **David skil lag med Jonatan**

<sup>35</sup>Morgonen etter gjekk Jonatan ut på marka til den tid han hadde avtala med David, og han hadde ein liten gut med seg.

<sup>36</sup>Han sa til guten: «Spring og finn pilene som eg skyt!» Medan guten sprang av stad, skaut han pila forbi han.

<sup>37</sup>Og då guten kom til staden der ho låg, den pila Jonatan hadde skote, ropa Jonatan etter han: «Ligg ikkje pila bortanfor deg?»

<sup>38</sup>Og så ropa han: «Skund deg, ver snar, stå ikkje der!» Guten tok opp pila og kom til herren sin.

<sup>39</sup>Han skjøna ingen ting. Det var berre Jonatan og David som visste kva dette gjaldt.

<sup>40</sup>Så gav Jonatan våpna sine til guten som var med han, og sa til han: «Gå inn til byen med dette!»

<sup>41</sup>Då guten hadde gått, kom David fram frå sørsida av steinen. Han kasta seg til jorda; tre gonger bøygde han seg. Så kyste dei kvarandre og gret, dei to. David storgret.

<sup>42</sup>Og Jonatan sa til David: «Gå bort i fred! For vi to har svore kvarandre i Herrens namn atHerren for alltid skal vera vitne om lovnaden mellom meg og deg og mellom mi slekt og di slekt.»

<sup>43</sup>Så braut David opp og gjekk sin veg, og Jonatan gjekk tilbake til byen.

## **1. Samuelsbok 21**

### **David i Nob**

<sup>1</sup>David drog no til presten Ahimelek i Nob. Då kom Ahimelek han skjelvande til møtes og spurde: «Kvifor er du åleine og har ingen med deg?»

<sup>2</sup>David svara han: «Kongen har gjeve meg eit oppdrag. Og han sa til meg: Ingen må få vita noko om oppdraget eg har sendt deg på. Difor har eg sagt at mennene mine skal møta på fastsett stad.

<sup>3</sup>Har du noko mat for handa? Lat meg få fem brød eller det som måtte finnast her.»

<sup>4</sup>Presten sa til David: «Vanleg brød har eg ikkje, men heilagt brød kan du få – berre mennene dine har halde seg frå kvinner.»

<sup>5</sup>«Ver trygg», svara David. «Vi har vore avskorne frå samkvem med kvinner i fleire dagar. Kvar gong eg dreg ut, har krigsutstyret til mennene vorte helga, sjølv når vi er på ei vanleg ferd. Kor mykje meir må det ikkje då vera helga i dag?»

<sup>6</sup>Så gav presten han heilagt brød. For det fanst ikkje anna brød enn skodebrøda, som var tekne bort frå staden framfor Herrens andlet. Dei vart bytte ut med ferske brød same dagen.

<sup>7</sup> Den dagen vart ein av mennene til Saul halden tilbake der, for Herrens andlet. Mannen heitte Doeg og var frå Edom. Han var den fremste blant gjetarane til Saul.

<sup>8</sup>David sa til Ahimelek: «Har du ikkje eit spyd eller eit sverd her? Eg fekk korkje sverdet eller dei andre våpna med meg, for det hadde slik hast med kongens ærend.»

<sup>9</sup>Presten svara: «Jau, sverdet til filistaren Goliat, som du slo i hel i Ela-dalen, heng bak efod-drakta, sveipt i ei kappe. Vil du ha det, så ta det. Det er ikkje noko anna sverd her.» «Det finst ikkje maken til det», sa David. «Lat meg få det!»

### David hos kong Akisj i Gat

<sup>10</sup> Same dagen tok David ut og rømde for Saul. Han kom til Akisj, kongen i Gat.



<sup>11</sup> Mennene til Akisj sa til han: «Er ikkje dette David, kongen i landet? Var det ikkje om han dei dansande kvinnene song: Saul slo i tusental, men David slo i titusental?»

<sup>12</sup> David merka seg vel det dei sa, og han var svært redd Akisj, kongen i Gat.

<sup>13</sup> Han lét som han var frå vitet og skapte seg galen når dei kom nær han. Han rissa merke på dørkarmane og sikla i skjegget.

<sup>14</sup> Då sa Akisj til mennene sine: «De ser då at mannen er frå vitet. Kvifor kjem de til meg med han?»

<sup>15</sup> Har eg ikkje nok av galningar sidan de kjem hit med han der, så eg skal plagast med galskapen hans? Skulle slik ein få koma i mitt hus?»

## **1. Samuelsbok 22**

### **David som fredlaus**

<sup>1</sup> Så drog David bort derifrå og flykta til hòla ved Adullam. Då brørne hans og alle i farshuset fekk høyra det, kom dei ned til han der.

<sup>2</sup> Alle slags naudlidande, gjeldbundne og misnøgde samla seg om han, og han vart hovding for dei. Om lag fire hundre mann slutta seg til han.

<sup>3</sup> Derifrå drog David til Mispé i Moab og sa til moabittkongen: «Lat far min og mor mi få koma og bu hos dykk til eg får sjå kva Gud vil gjera for meg.»

<sup>4</sup> Så tok han dei til kongen i Moab, og dei budde der så lenge David heldt til i fjellborga.

<sup>5</sup> Men profeten Gad sa til David: «Du må ikkje vera i fjellborga lenger. Dra bort og kom deg tilbake til Juda!» Då drog David av garde og kom til Haret-skogen.

### **Drapet på prestane i Nob**

<sup>6</sup> Saul fekk høyra at nokon hadde kjent att David og dei mennene som var med han. Saul sat i Gibeá under tamarisktreet oppe på høgda med spydet i handa, og alle mennene hans stod ikring han.

<sup>7</sup>Då sa han til mennene som stod der: «Høyr på meg, benjaminittar! Trur de at Isai-sonen vil gje dykk alle saman jorde og vinmarker? Vil han setja dykk til førarar for tusen og hundre?»

<sup>8</sup>De har då alle svore dykk i hop mot meg. Ingen av dykk varsla meg då son min gjorde pakt med Isai-sonen. Ingen hadde medkjensle med meg og varsla meg då son min sette min eigen tenar opp imot meg, så han ligg i bakhald mot meg som han no gjer.»

<sup>9</sup>Då svara Doeg frå Edom, som stod mellom mennene til Saul: «Eg såg at Isai-sonen kom til Ahimelek, son til Ahitub, i Nob.

<sup>10</sup>Og Ahimelek bad Herrenom råd for han. Han gav han reisekost og lét han få sverdet til filistaren Goliat.»

<sup>11</sup>Då sende kongen bod etter presten Ahimelek, son til Ahitub, og heile slekta hans, prestane i Nob. Dei kom alle til kongen,

<sup>12</sup>og Saul sa: «Høyr på meg, son til Ahitub!» Han svara: «Ja, herre.»

<sup>13</sup>Saul sa til han: «Kvifor har de svore dykk i hop mot meg, du og Isai-sonen? Du gav han brød og sverd og bad Gud om råd for han, så han kunne setja seg opp imot meg og liggja i bakhald slik han no gjer.»

<sup>14</sup>Ahimelek svara kongen: «Kven av alle mennene dine har så stor tillit som David? Han er svigerson til kongen, sjef over livvakta og høgt akta i ditt hus.

<sup>15</sup>Dette er ikkje første gongen eg bed Gud om råd for han, langt ifrå. Kongen må ikkje leggja meg eller nokon i min familie dette til last. For eg har ikkje visst noko som helst om dette.»

<sup>16</sup>Men kongen sa: «Du skal døy, Ahimelek, både du og heile familien din.»

<sup>17</sup>Så sa kongen til livvakta som stod ikring han: «Gå fram og drep Herrens prestar! For dei held òg med David. Dei visste at han var på flukt, men varsla meg ikkje.» Men kongens menn ville ikkje eingong lyfta ei hand for å røra ved Herrens prestar.

<sup>18</sup> Då sa kongen til Doeg: «Gå du fram og hogg prestane ned!» Og Doeg frå Edom gjekk fram og hogg ned prestane. Den dagen drap han åttifem mann som bar efod-drakter av lin.

<sup>19</sup> I prestebyen Nob vart menn og kvinner, småborn og spedborn, oksar, esel og sauer hogne ned med sverd.

<sup>20</sup> Berre éin av sønene til Ahimelek, son til Ahitub, slapp unna; han heitte Abjatar. Han flykta til David.

<sup>21</sup> Abjatar fortalde David at Saul hadde drepe Herrens prestar.

<sup>22</sup> Då sa David til Abjatar: «Alt den gongen Doeg frå Edom var der, skjøna eg at han kom til å fortelja det til Saul. Eg ber skulda for alle som er drepne i familien din.

<sup>23</sup> Slå deg til hos meg og ver ikkje redd! For han som vil ta livet av meg, vil ta livet av deg òg. Hos meg er du trygg.»

## 1. Samuelsbok 23

### David i Ke'ila

<sup>1</sup> David fekk melding om at filistrane hadde gått til åtak på Ke'ila og plyndra treskjeplassane.

<sup>2</sup> Då bad David Herren om råd: «Skal eg dra ut og slå desse filistrane?» Herren svara: «Dra ut og slå filistrane og fri ut Ke'ila.»

<sup>3</sup> Men mennene til David sa til han: «Ikkje eingong her i Juda er vi trygge, og så skulle vi dra til Ke'ila, mot hæren til filistrane?»

<sup>4</sup> Endå ein gong bad David Herren om råd, og Herren svara: «Bryt opp og dra ned til Ke'ila! Eg vil gje filistrane i dine hender.»

<sup>5</sup> Så drog David og mennene hans til Ke'ila og kjempa mot filistrane. Dei dreiv buskapen deira bort og lét dei lida eit stort nederlag. Slik berga David folket i Ke'ila.

<sup>6</sup> Då Abjatar, son til Ahimelek, rømde til David og følgde han til Ke'ila, hadde han efoden med seg.

<sup>7</sup>Saul fekk melding om at David var komen til Ke'ila, og han sa: «Gud har gjeve han i mi hand. For han stengde seg sjølv inne då han drog inn i ein by med portar og bommar.»

<sup>8</sup>Så kalla Saul heile hæren saman til kamp. Han ville fara ned til Ke'ila for å kringsetja David og mennene hans.

<sup>9</sup>Men då David skjøna at Saul la vonde planar mot han, sa han til presten Abjatar: «Ta fram efoden!»

<sup>10</sup>Så sa David: «Herre, Israels Gud! Tenaren din har høyrte at Saul tenkjer seg til Ke'ila og vil øydeleggja byen for mi skuld.

<sup>11</sup>Vil leiarane i Ke'ila utlevera meg til han? Kjem Saul hit ned, slik som tenaren din har fått nyss om? Herre, Israels Gud, fortel tenaren din dette!»Herren svara: «Ja, han kjem hit ned.»

<sup>12</sup>David heldt fram: «Vil leiarane i Ke'ila utlevera meg og mennene mine til Saul?» Herren svara: «Ja, dei vil utlevera dykk.»

<sup>13</sup>No braut David opp med mennene sine, om lag seks hundre i talet. Dei drog bort frå Ke'ila og flakka omkring der det fall seg. Men då Saul fekk høyra at David hadde sloppe bort frå Ke'ila, lét han vera å dra ut.

### **David og Saul i ørkenen**

<sup>14</sup> Etter dette heldt David til i ørkenen, i fjellborgene. Han slo seg til i fjellet i Sif-ørkenen. Og heile tida leita Saul etter han, men Gud lét han ikkje falla i hans hender.

<sup>15</sup>Medan David var i Horesja i Sif-ørkenen, fekk han vita at Saul hadde drege ut for å drepa han.

<sup>16</sup>Men Jonatan, son til Saul, drog av garde og kom til David i Horesja. Han hjelpte han til å henta nytt mot hos Gud.

<sup>17</sup>«Ver ikkje redd!» sa han. «Saul, far min, får ikkje tak i deg. Du skal bli konge over Israel, og eg skal vera nest etter deg. Det veit Saul, far min, òg.»

**18** Så gjorde dei to ei pakt med kvarandre for Herrens andlet. David vart verande i Horesja, men Jonatan gjekk heim til seg.

**19** Nokre menn frå Sif drog opp til Saul i Gibeaa og sa: «Veit du at David held seg gøymd hos oss i fjellborgene i Horesja, ved Hakila-haugen som ligg sør for Jesjimon?»

**20** Så sant du ønskjer å koma dit ned, konge, så kom! Vi skal syta for at du får tak i han.»

**21** Saul svara: «Velsigna er de av Herren fordi de held med meg.

**22** Gå no, og ver framleis på vakt. Få greie på kvar han ferdast, og kven som har sett han der. For dei har sagt meg at han er svært listig.

**23** Sjå etter og finn alle gøymestadene der han kan ha gøymt seg. Kom så tilbake til meg med påliteleg melding, og eg skal vera med dykk. Så sant han er i landet, skal eg leita han opp mellom alle slektene i Juda.»

**24** Då braut dei opp og drog til Sif i førevegen for Saul. David og mennene hans var då i Maon-ørkenen, på Araba-sletta, sør for Jesjimon.

**25** Saul og mennene hans drog ut for å leita etter han. Men det fekk David vita, og han drog ned til berghamaren i Maon-ørkenen og vart verande der. Då Saul fekk høyra det, følgde han etter David ut i Maon-ørkenen.

**26** Saul gjekk på den eine sida av fjellet og David og mennene hans på den andre. David flykta for å koma unna Saul. Men Saul og mennene hans var i ferd med å omringa David og mennene hans og ta dei.

**27** Då kom det ein bodberar til Saul og sa: «Skund deg og kom! Filistrane har rykt inn i landet.»

**28** Då heldt Saul opp med å forfølgja David og drog mot filistrane. Difor kallar dei den staden Sela-ha-Mahlekot, «Skiljehamaren».

## **1. Samuelsbok 24**

### **David sparer livet til Saul**

**1** Så drog David opp derifrå og heldt til i fjellborgene ved En-Gedi.

<sup>2</sup>Då Saul kom att etter å ha forfølggt filistrane, fekk han vita at David var i ørkenen ved En-Gedi.

<sup>3</sup>Saul tok då med seg tre tusen mann som han hadde valt ut frå heile Israel, og drog av stad for å leita etter David og mennene hans aust for Steinbukkhamrane.

<sup>4</sup>Han kom til nokre sauekveer ved vegen. Der var det ei hòle, og Saul gjekk inn i eige ærend. Men inst i hòla sat David og mennene hans.

<sup>5</sup>Mennene sa til David: «No er den dagen komen som Herren hadde i tankar då han sa til deg: Eg skal gje fienden din over i dine hender, så du kan gjera med han som du vil.» Så reiste David seg og skar ein flik av kappa til Saul utan at han merka det.

<sup>6</sup>Men sidan kjende David at det stakk i hjartet fordi han hadde skore fliken av kappa til Saul,

<sup>7</sup>og han sa til mennene sine: «Herren fri meg frå å gjera slikt mot min herre, mot Herrens salva, og leggja hand på han. For Herrens salva er han.»

<sup>8</sup>David snakka mennene sine til rette og gav dei ikkje lov til å gå laus på Saul. Saul forlét hòla for å dra sin veg.

<sup>9</sup>Då reiste David seg, gjekk ut or hòla og ropa etter han: «Herre konge!» Saul såg seg tilbake, og David bøygde seg med andletet mot jorda.

<sup>10</sup>Han sa til Saul: «Kvifor høyrer du på folk som seier at David prøver å gjera deg vondt?

<sup>11</sup>I dag har du med eigne auge sett at Herren gav deg i mine hender i hòla. Dei sa eg skulle drepa deg. Men eg sparte deg, for eg tenkte: Eg vil ikkje leggja hand på herren min, for han er den som Herren har salva.

<sup>12</sup>Sjå her, min far, her har eg fliken av kappa di i handa! Når eg har skore denne fliken av kappa di utan å drepa deg, må du då skjønna og forstå at eg ikkje har vondt eller svik i sinne. Eg har ikkje forbrote meg mot deg. Det er du som er etter meg og vil ta livet av meg.

<sup>13</sup> Herren skal dømme mellom meg og deg. Han skal gje meg hemn over deg, men eg vil ikkje leggja hand på deg.

<sup>14</sup>Eit gammalt ord seier: Frå urettferdige kjem det urett. Men eg vil ikkje leggja hand på deg.

<sup>15</sup> Kven er det Israels konge har drege ut etter? Kven er det du forfølgjer? Ein daud hund, ei einsleg loppe!

<sup>16</sup>Men Herren skal vera dommar og dømme mellom meg og deg. Han skal sjå til mi sak, føra henne og hjelpa meg til min rett mot deg.»

<sup>17</sup> Då David hadde sagt alt dette til Saul, sa kongen: «Er ikkje dette di røyst, David, son min?» Så brast han i gråt

<sup>18</sup>og sa til David: «Det er du som har rett – ikkje eg. For du har gjort godt mot meg, endå eg har gjort vondt mot deg.

<sup>19</sup>I dag har du vist meg at du vil meg vel. Du drap meg ikkje då Herren hadde gjeve meg i di hand.

<sup>20</sup>Kvar er den mannen som kjem over fienden sin og lèt han dra sin veg i fred? Må Herren løna deg for det du har gjort mot meg i dag!

<sup>21</sup> No veit eg at du skal bli konge og halda kongedømet over Israel fast i di hand.

<sup>22</sup>Så sver då ved Herren at du ikkje vil rydda ut etterkomarane mine og ikkje stryka namnet mitt ut av familien min.»

<sup>23</sup>Det lova David med eid. Så drog Saul heim, og David og mennene hans gjekk opp til fjellborga.

## **1. Samuelsbok 25**

### **David og Abigajil**

<sup>1</sup> Samuel døydde, og heile Israel samla seg og heldt sørgjehøgtid over han. Dei gravla han i Rama, heimstaden hans. David braut opp og drog vidare, ned til Paran-ørkenen.

<sup>2</sup>I Maon budde det ein mann som hadde buskapen sin i Karmel. Mannen var svært rik, han eigde tre tusen sauer og tusen geiter. Han heldt på å klippa sauene sine i Karmel.

<sup>3</sup>Mannen heitte Nabal og kona hans Abigajil. Ho var ei klok og vakker kvinne, men mannen var vrang og vond i all si ferd. Han var av Kaleb-slekta.

<sup>4</sup>Ute i ørkenen fekk David høyra at Nabal heldt på å klippa sauene sine.

<sup>5</sup>Då sende han ti unge menn av stad og sa til dei: «Dra opp til Karmel, gå til Nabal, hels han frå meg

<sup>6</sup>og sei: Til liv! Fred over deg, fred over ditt hus, fred over alt som er ditt.

<sup>7</sup>Eg har høyrt at du held på å klippa sauer. No har gjetarane dine vore saman med oss, og vi har aldri gjort dei noko vondt. Det har heller ikkje kome bort noko for dei så lenge dei har vore i Karmel.

<sup>8</sup>Spør berre folka dine, så vil dei sjølve fortelja deg det. Ta vel imot mennene mine, for vi kjem hit på ein glededag. Gjev tenarane dine og David, son din, det du måtte ha for handa.»

<sup>9</sup>Då mennene til David kom til Nabal, tala dei til han med Davids ord. Så stod dei og venta.

<sup>10</sup>Men Nabal svara dei: «Kven er David? Kven er Isai-sonen? No om dagen er det så mange slavar som spring bort frå herrane sine.

<sup>11</sup>Skulle eg ta brødet mitt og vatnet mitt og feet som eg har slakta til dei som klipper for meg, og gje det til folk som eg ikkje veit kvar kjem ifrå!»

<sup>12</sup>Då snudde mennene og gjekk sin veg. Dei kom tilbake og fortalde David alt som hadde hendt.

<sup>13</sup>Då sa han til mennene sine: «Spenn sverdet på dykk, alle mann!» Det gjorde dei, og David spente òg sverdet på seg. Om lag fire hundre mann følgde han opp, medan to hundre vart verande ved krigsutstyret.



<sup>14</sup>Ein av tenestegutane kom til Abigajil, kona til Nabal, og sa: «David sende nokre menn hit frå ørkenen med helsing til husbonden vår, men han skjelte dei ut.

<sup>15</sup>Desse mennene har vore venlege mot oss. Ingen av dei har gjort oss noko vondt, og det har ikkje kome bort noko for oss så lenge vi har vore saman med dei ute på marka.

<sup>16</sup>Dei har vore som ein mur omkring oss både natt og dag heile den tida vi heldt oss nær dei og gjette småfeet.

<sup>17</sup>Tenk no etter og finn ut kva du skal gjera. For ulukka heng over husbonden vår og heile hans hus. Men sjølv er han så vondsinna at ingen torer tala til han.»

<sup>18</sup>Då tok Abigajil i ein fart to hundre brød, to skinnsekker med vin, fem tillaga saueskrottar, fem sea rista korn, hundre rosinkaker og to hundre fikenkaker og leste det på esla.

<sup>19</sup>Så sa ho til tenestegutane sine: «Dra i førevegen! Eg kjem snart etter.» Men til Nabal, mannen sin, sa ho ingen ting.

<sup>20</sup>Då ho kom ridande på eselet sitt i livd av fjellet, støyte ho på David og mennene hans, som kom imot henne.

<sup>21</sup>Men David hadde sagt: «Til fånyttas har eg vakta alt det denne mannen eig, så det ikkje har kome bort noko for han i ørkenen. Han har lønt godt med vondt.

<sup>22</sup>Måtte Gud la det gå meg ille både no og sidan om eg lèt ein einaste av mennene hans leva til det dagast i morgon.»

<sup>23</sup>Med det same Abigajil fekk sjå David, sprang ho ned av eselet og bøygde seg til jorda for han.

<sup>24</sup>Ho kasta seg ned for føtene hans og sa: «Det er eg åleine som har skulda, herre. Lat likevel tenestekvinna di få tala til deg, og høyr på det eg har å seia.

<sup>25</sup>Bry deg ikkje om den vondsinna Nabal, herre. For som han heiter, slik er han. Nabal, 'dåre', heiter han, og full av dårskap er han. Eg, tenestekvinna di, har ikkje eingong sett dei mennene som du sende, herre.

<sup>26</sup>Men så sant Herren lever, og så sant du sjølv lever, herre: No har Herren hindra deg i å ta deg sjølv til rette og bli opphav til blodbad. Måtte fiendane dine, som vil skada deg, herre, bli som Nabal.

<sup>27</sup>Ta imot denne gåva som tenestekvinna di har teke med til deg, herre, og gjev henne til dei mennene som er med deg på ferdene dine.

<sup>28</sup>Tilgjev at tenestekvinna di trengjer seg på. Herren skal sanneleg gje deg ei ætt som står. For det er Herrens krigar du fører, herre, og det skal ikkje finnast noko vondt hos deg så lenge du lever.

<sup>29</sup>Står nokon fram og forfølgjer deg og vil ta livet av deg, herre, skal livet ditt vera under Herren din Guds vern. Men livet til fiendane dine skal han slengja bort som steinar frå slyngja.

<sup>30</sup>Når Herren gjev deg alt det gode han har lova, herre, og set deg til fyrste over Israel,

<sup>31</sup>då skal du ikkje kjenna deg utrygg eller ha vondt samvit, herre, over å ha spilt uskuldig blod og teke deg sjølv til rette. Men når Herren gjer vel imot deg, kom då i hug tenestekvinna di, herre!»

<sup>32</sup>Då sa David til Abigajil: «Velsigna er Herren, Israels Gud, som har sendt deg til møtes med meg i dag!

<sup>33</sup>Velsigna er din klokskap, og velsigna er du sjølv, som i dag har hindra meg i å føra blodskuld over meg og ta meg sjølv til rette!

<sup>34</sup>Men så sant Herren, Israels Gud, lever, han som har halde meg frå å gjera deg noko vondt: Hadde du ikkje vore så snar til å møta meg, ville ikkje Nabal hatt ein einaste mann att når det dagast i morgon.»

<sup>35</sup>Så tok David imot dei gåvene ho hadde med til han, og sa til henne: «Dra heim i fred. Eg har høyrte di bøn, lyft ditt andlet!»

<sup>36</sup>Då Abigajil kom heim att til Nabal, heldt han fest i huset, ein fest som hos ein konge. Nabal var lystig til sinns og hadde drukke mykje. Difor fortalde ho han ingenting før neste morgon.

<sup>37</sup>Men om morgonen, då Nabal hadde sove rusen av seg, fortalde ho han alt saman. Då var det som om hjartet hans ville stogga, og han vart som ein stein.

<sup>38</sup>Om lag ti dagar etter slo Herren Nabal, og han døydde.

<sup>39</sup>Då David fekk høyra at Nabal var død, sa han: «Velsigna er Herren! Han har teke hemn over Nabal for den vanæra han førte over meg, og han har halde tenaren sin frå å gjera noko vondt. Herren har late Nabals vondskap koma over hans eige hovud.» Så sende David bod til Abigajil og bad henne bli kona hans.

<sup>40</sup> Davids menn kom til Abigajil i Karmel og bar fram ærendet sitt for henne: «David har sendt oss til deg, for han vil ha deg til kone», sa dei.

<sup>41</sup>Ho reiste seg, bøygde seg med andletet mot jorda og sa: «Her er tenestekvinna di; som ei slavekvinne skal eg vaska føtene på tenarane til herren min.»

<sup>42</sup>Abigajil skunda seg å gjera seg i stand. Ho sette seg på eselet, og fem tenestejenter gjekk med henne. Så følgde ho sendemennene til David og vart kona hans.

<sup>43</sup> David hadde òg gift seg med Ahinoam frå Jisreel. Begge vart dei konene hans.

<sup>44</sup> Men Saul hadde gjeve Mikal, dotter si, som var gift med David, til Palti, son til Lajisj frå Gallim.

## 1. Samuelsbok 26

### David sparer Saul endå ein gong

<sup>1</sup> Mennene frå Sif kom til Saul i Gibea og sa: «Du veit vel at David held seg løynd ved Hakila-høgda, midt imot Jesjimon?»

<sup>2</sup>Då braut Saul opp og drog ned til Sif-ørkenen med tre tusen utvalde israelittar for å leita etter David.

<sup>3</sup>Saul slo leir på Hakila-høgda, som ligg ved vegen midt imot Jesjimon. David heldt til i ørkenen, og då han skjøna at Saul var komen etter han dit,

<sup>4</sup>sende han ut spionar og fekk påliteleg melding om at Saul var der.

<sup>5</sup>Då braut David opp og kom til den staden der Saul hadde slege leir. Han såg kvar Saul og hærføraren hans, Abner, son til Ner, hadde lagt seg til å sova. Saul låg midt i leiren med soldatane rundt seg.

<sup>6</sup>David tok til orde og spurde hetitten Ahimelek og Abisjai, son til Seruja og bror til Joab: «Kven vil gå ned med meg i leiren til Saul?» Abisjai svara: «Eg vil gå ned med deg.»

<sup>7</sup>Då David og Abisjai kom bort til hæren om natta, låg Saul og sov midt i leiren. Spydet hans var stukke ned i jorda like ved hovudet hans, og Abner og krigsfolket låg rundt han.

<sup>8</sup>Abisjai sa til David: «I dag har Gud gjeve fienden i di hand. Lat meg få spidda han til jorda i ein einaste støyt. Ein støyt med spydet er nok.»

<sup>9</sup>Men David svara Abisjai: «Drep han ikkje! Kven kan ustraffa leggja hand på den Herren har salva?»

<sup>10</sup>Og han heldt fram: «Så sant Herren lever, Herren skal sjølv slå han, anten han døyr når timen hans kjem, eller han fell i krig.

<sup>11</sup>Herren fri meg frå å leggja hand på den Herren har salva! Men ta spydet som står ved hovudet hans, og vasskrukka, og lat oss gå vår veg.»

<sup>12</sup>Så tok David spydet og vasskrukka ved hovudet til Saul, og dei gjekk sin veg. Ingen såg det, ingen merka det, og ingen vakna. Alle sov, for Herren hadde late ein djup søvn koma over dei.

<sup>13</sup>Då David var komen over til den andre sida, stilte han seg opp på ein fjellknaus langt borte, slik at det var stor avstand mellom dei.

- 14** Så ropa han til hæren og til Abner, son til Ner: «Skal du ikkje svara meg, Abner?» Abner svara: «Kven er du som ropar hit over til kongen?»
- 15** David sa til Abner: «Er ikkje du ein mann? Og kven er som du i Israel? Kvifor har du då ikkje halde vakt over din herre, kongen? Ein av folket kom og ville drepa kongen, herren din.
- 16** Det er ikkje bra, det du har gjort. Så sant Herren lever, de fortener å døy alle saman fordi de ikkje har halde vakt over herren dykkar, over han som Herren har salva. Sjå etter, kvar er kongens spyd og vasskrukke, som stod like ved hovudet hans?»
- 17** Saul kjende att røysta til David og ropa: «Er ikkje dette di røyst, David, son min?» David svara: «Jau, det er mi røyst, herre konge.»
- 18** Og han heldt fram: «Kvifor forfølgjer du tenaren din, herre? Kva har eg gjort? Kva vondt har eg gjort meg skuldig i?
- 19** Høyr no, herre konge, kva tenaren din seier: Er det Herren som har hissa deg opp mot meg, så lat han få kjenna angen av offer. Men er det menneske, skal dei vera forbanna for Herrens andlet. For no jagar dei meg bort så eg ikkje får bu i Herrenseige land, og seier: Gå din veg og dyrk andre gudar!
- 20** Lat ikkje blodet mitt væta jorda langt borte frå Herrens andlet. For Israels konge har drege ut og leitar etter ei loppe som når ein jagar raphøner i fjellet.»
- 21** Då sa Saul: «Eg har gjort urett. Kom tilbake, David, son min! Eg skal ikkje gjera deg noko vondt meir sidan du sette livet mitt så høgt i dag. Eg har bore meg uvitug åt og gjort ein stor feil.»
- 22** David svara: «Sjå, her er spydet til kongen! Lat ein av mennene koma over og henta det!
- 23** Herrenlønner den som er rettferdig og trufast. Det var Herren som gav deg i mine hender i dag, men eg ville ikkje leggja hand på den Herren har salva.

<sup>24</sup>Måtte Herren setja mitt liv like høgt som eg har sett ditt liv i dag, og fria meg frå all naud.»

<sup>25</sup>Då sa Saul til David: «Velsigna er du, David, son min. Mangt skal du gjera, og alt skal du lukkast i.» Så drog David sin veg, og Saul vende heim att.

## 1. Samuelsbok 27

### David i teneste hos filistrane

<sup>1</sup>Men David sa til seg sjølv: «Ein dag kjem eg likevel til å mista livet for Sauls hand. Det beste eg kan gjera, er å rømme til filistarlandet. Då vil Saul halda opp med å leita etter meg over heile Israel, og eg slepp unna han.»

<sup>2</sup>Så braut David opp saman med dei seks hundre mennene som følgde han, og drog over til Akisj, son til Maok, kongen i Gat.

<sup>3</sup>David slo seg ned hos Akisj i Gat saman med mennene sine, kvar og ein med sin huslyd. David hadde med seg begge konene sine, Ahinoam frå Jisreel og Abigajil frå Karmel, ho som hadde vore gift med Nabal.

<sup>4</sup>Då Saul fekk vita at David hadde flykta til Gat, heldt han opp med å leita etter han.

<sup>5</sup>David sa til Akisj: «Om du ser på meg med velvilje, så lat meg få bustad i ein av landsbyane. Kvifor skulle eg, tenaren din, bu saman med deg i kongsbyen?»

<sup>6</sup>Same dagen lét Akisj han få Siklag. Difor har Siklag høyrte Juda-kongane til heilt til denne dag.

<sup>7</sup>Den tida David budde i filistarlandet, var eitt år og fire månader.

<sup>8</sup>David og mennene hans drog ofte ut på plyndringstokt blant gesjurittane, girsittane og amalekittane. Det var dei folka som frå gammalt av hadde budd i landet, bort mot Sjur og heilt til Egypt.

<sup>9</sup>Når David herja landet, lét han korkje menn eller kvinner vera att. Han tok med seg småfe og storfe, esel, kamelar og klede og kom tilbake til Akisj med det.

<sup>10</sup>Når så Akisj spurde: «Kvar har de plyndra i dag?» svara David: «I Judas del av Negev, i delen til jerahmeelittane og i delen til kenittane.»

<sup>11</sup>David lét korkje mann eller kvinne vera att så dei kunne koma til Gat, for han tenkte: «Dei kunne fortelja eitkvart om oss og seia at så og så har David gjort.» Såleis fór David fram heile den tida han budde i filistarlandet.

<sup>12</sup>Men Akisj stola på David og tenkte: «No har han gjort seg grundig hata av Israel, sitt eige folk. Han kjem til å vera i mi teneste for alltid.»

## 1. Samuelsbok 28

<sup>1</sup>På den tid samla filistrane hærane sine og ville gå til krig mot Israel. Då sa Akisj til David: «Du veit vel at både du og mennene dine må følgja meg i kamp?»

<sup>2</sup>David svara: «Godt, du skal få sjå kva tenaren din duger til.» Akisj sa: «Så set eg deg til sjef for livvakta mi for alltid.»

### Saul hos spåkvinna i En-Dor

<sup>3</sup>No var Samuel død. Heile Israel hadde halde sørgjehøgtid over han, og dei hadde gravlagt han i Rama, heimbyen hans. Saul hadde drive ut av landet dei som mana fram daudingar og spådomsånder.

<sup>4</sup>Filistrane samla seg, drog til Sjunem og slo leir der. Saul samla heile Israel og slo leir på Gilboa-fjellet.

<sup>5</sup>Men då Saul såg filistarleiren, vart han så redd at hjartet hans skalv.

<sup>6</sup>Han spurde Herren til råds, men Herrensvara han ikkje, korkje i draumar eller ved urim eller gjennom profetar.

<sup>7</sup>Då sa Saul til mennene sine: «Finn meg ei kvinne som kan mana fram gjenferd, så vil eg gå til henne og spørja henne til råds.» Mennene svara: «I En-Dor er det ei kvinne som kan mana fram gjenferd.»

<sup>8</sup>Saul gjorde seg no ukjenneleg og tok på seg andre klede. Han gjekk av stad saman med to mann, og dei kom til kvinna om natta. Saul sa til henne: «Kall fram ein av dei døde og spå meg! Hent opp den som eg nemner for deg.»

<sup>9</sup>Kvinna svara: «Du veit då sjølv kva Saul har gjort, at han har rydda ut alle i landet som manar fram daudingar og spådomsånder? Kvifor set du snarer for meg? Kvifor vil du drepa meg?»

<sup>10</sup>Då svor Saul henne ein eid ved Herren og sa: «Så sant Herren lever: Det skal ikkje koma skuld over deg for dette.»

<sup>11</sup>Kvinna spurde: «Kven skal eg henta opp til deg?» Han svara: «Samuel.»

<sup>12</sup>Men då kvinna såg Samuel, sette ho i eit høgt skrik og sa til Saul: «Kvifor har du narra meg? Du er då Saul!»

<sup>13</sup>Men kongen sa til henne: «Ver ikkje redd! Kva er det du ser?» Kvinna svara: «Eg ser eit gudevesen stiga opp av jorda.»

<sup>14</sup>«Korleis ser det ut?» spurde Saul. Kvinna svara: «Ein gammal mann stig opp. Han er kledd i ei kappe.» Då skjøna Saul at det var Samuel, og han kasta seg ned med andletet mot jorda.

<sup>15</sup>Samuel sa til Saul: «Kvifor har du uroa meg og henta meg opp?» Saul svara: «Eg er i stor naud. Filistrane fører krig mot meg, og Gud har vendt seg frå meg. Han svarar meg ikkje lenger, korkje gjennom profetar eller i draumar. Difor har eg kalla på deg, så du skal la meg få vita kva eg skal gjera.»

<sup>16</sup>Då sa Samuel: «Kvifor spør du meg når Herren har vendt seg frå deg og vorte fienden din?

<sup>17</sup> Herren har gjort med deg slik som han sa gjennom meg. Han har rive kongedømet ut av handa di og gjeve det til ein annan, til David.

<sup>18</sup>Fordi du ikkje lydde Herren og ikkje fullførte vreidedommen hans over amalekittane, difor har Herren no gjort dette mot deg.

<sup>19</sup>Herren vil gje både deg og Israel i filistarhand. I morgon skal du og sønene dine vera hos meg. Og Herren skal gje Israels-hæren òg i filistarhand.»

<sup>20</sup>Med det same Saul høyrde det Samuel sa, kom det slik redsle over han at han fall til jorda så lang han var. Han var heilt kraftlaus, for han hadde ikkje smaka mat heile dagen og heile natta.



<sup>21</sup>Kvinna kom bort til Saul. Og då ho såg kor redd han var, sa ho til han: «Tenestekvinna di har lydd deg. Eg våga livet og gjorde som du sa til meg.

<sup>22</sup>Så høyr no du òg på tenestekvinna di og lat meg få setja fram litt mat for deg. Et, så du kan koma til krefter før du dreg din veg.»

<sup>23</sup>Men han nekta og sa: «Eg vil ikkje ha mat.» Men då både mennene hans og kvinna nøydde han, gjorde han som dei sa. Han reiste seg opp frå jorda og sette seg på senga.

<sup>24</sup>Kvinna hadde ein gjøkalv heime, og den skunda ho seg å slakta. Så tok ho mjøl, knadde det og baka usyra brød.

<sup>25</sup>Ho bar maten fram for Saul og mennene hans, og dei åt. Same natta braut dei opp og drog sin veg.

## 1. Samuelsbok 29

### Akisj sender David heim

<sup>1</sup>Filistrane samla alle hærane sine ved Afek, medan israelittane slo leir ved kjelda i Jisreel.

<sup>2</sup>Filistarhovdingane drog fram i spissen for avdelingar på hundre og tusen mann. Sist kom David og mennene hans saman med Akisj.

<sup>3</sup>Då sa feltherrane til filistrane: «Kva skal desse hebrearane her?» Akisj svara dei: «Er ikkje dette David, ein av mennene til Saul, Israels-kongen, han som har vore hos meg i over eitt år? Frå den dagen han gjekk over til meg og til no har eg ikkje funne noko å utsetja på han.»

<sup>4</sup>Men feltherrane vart arge på han og sa til han: «Send mannen bort! Han kan dra tilbake til den staden du har gjeve han. Han skal ikkje vera med oss i krigen, for han kunne venda seg mot oss midt i slaget. Korleis skulle han lettare vinna att godviljen hos herren sin enn om han kom med hovuda av mennene våre?

<sup>5</sup>Er ikkje dette David, han som kvinnene song om medan dei dansa: Saul slo i tusental, men David har slege i titusental?»

<sup>6</sup>Akisj kalla då David til seg og sa til han: «Så sant Herren lever, du er ein ærleg mann. Eg ser gjerne at du går inn og ut hos meg i leiren, for eg har ikkje funne noko vondt hos deg frå den dagen du kom til meg og til no. Men hovdingane lit ikkje på deg.

<sup>7</sup>Dra no heim i fred, så du ikkje gjer noko som filistarhovdingane mislikar.»

<sup>8</sup>David sa til Akisj: «Kva gale har eg gjort? Har du hatt noko å utsetja på tenaren din frå den dagen eg kom i di teneste og til no, sidan eg ikkje får vera med og kjempa mot fiendane dine, herre konge?»

<sup>9</sup>Akisj svara David: «I mine auge er du god, som ein engel frå Gud. Men feltherrane til filistrane seier at dei ikkje vil ha deg med i krigen.

<sup>10</sup>Stå tidleg opp i morgon, både du og dei mennene til herren din som har følgt deg hit. Gjer dykk ferdige og dra av stad så snart det lysnar.»

<sup>11</sup>Morgonen etter stod David og mennene hans tidleg opp og fór attende til filistarlandet. Men filistrane drog opp til Jisreel.

## 1. Samuelsbok 30

### Åtaket på amalekittane

<sup>1</sup>To dagar etter kom David og mennene hans til Siklag. Då hadde amalekittane gått til åtak på Negev og Siklag. Siklag hadde dei plyndra og brent.

<sup>2</sup>Kvinnene og alle som var der, både små og store, hadde dei teke til fange. Dei hadde ikkje drepe nokon, men drive dei framfor seg då dei fór sin veg.

<sup>3</sup>Då David og mennene hans kom heim, var byen brend, og konene og sønene og døtrene deira var bortførte.

<sup>4</sup>Dei brast i gråt, både David og folket som følgde han, og dei gret til dei ikkje orka meir.

<sup>5</sup>Dei to konene til David, Ahinoam frå Jisreel og Abigajil, som hadde vore gift med Nabal frå Karmel, var òg bortførte.

<sup>6</sup>Sjølv var David i stor fare, for krigsfolket truga med å steina han, så bitre var dei alle fordi sønene og døtrene deira var bortførte. Men David søkte styrke hos Herren sin Gud.

<sup>7</sup>Han sa til presten Abjatar, son til Ahimelek: «Kom hit med efoden!» Så kom Abjatar med efoden,

<sup>8</sup>og David spurde Herren til råds: «Skal eg setja etter denne røvarflokken? Kan eg nå dei att?» Herren svara: «Set etter dei! Du skal nå dei att og berga det dei har teke.»

<sup>9</sup>Då tok David i veg saman med dei seks hundre mennene som følgde han. Dei kom til elveleiet i Besor. Der vart nokre av dei verande.

<sup>10</sup>David sette etter fienden med fire hundre mann. To hundre var att, dei var for slitne til å gå over elveleiet.

<sup>11</sup>Ute på marka fann dei ein egyptar. Dei tok han med seg til David og gav han brød å eta og vatn å drikka.

<sup>12</sup>Han fekk òg eit stykke fikenkake og to rosinkaker. Då han hadde ete, kom han til krefter att. Han hadde ikkje smaka vått eller tørt på tre døgn.

<sup>13</sup>David spurde han: «Kven høyrer du til, og kvar er du ifrå?» «Eg er egyptar», svara han, «og i teneste hos ein amalekitt. Herren min gjekk frå meg her for tre dagar sidan fordi eg vart sjuk.

<sup>14</sup>Vi hadde herja i Judas del av Negev, både mellom kretarane, judearane og kalebittane, og vi hadde sett Siklag i brann.»

<sup>15</sup>Då sa David til han: «Kan du føra meg ned til denne røvarflokken?» Han svara: «Sver du ved Gud at du ikkje vil drepa meg eller gje meg i hendene på herren min, så skal eg føra deg ned til røvarflokken.»

<sup>16</sup>Så følgde han David dit. Og sjå, der låg røvarane spreidde ut over heile marka. Dei åt og drakk og heldt fest på heile det store byttet dei hadde teke i filistarlandet og i Juda.

<sup>17</sup>Frå grålysinga av og til det vart kveld dagen etter, hogg David dei ned. Ingen av dei slapp unna, så nær som fire hundre unge menn som kasta seg på kamelane og flykta.

<sup>18</sup>David berga alt det som amalekittane hadde teke. Dei to konene sine berga han òg.

<sup>19</sup>Ingen var sakna, korkje liten eller stor, søner eller døtrer, og heller ikkje noko av byttet eller av alt det røvarane elles hadde teke med seg. Alt saman tok David tilbake.

<sup>20</sup>Han tok alt småfeet og storfeet deira, og dei som gjekk framføre og dreiv flokken, ropa: «Dette er byttet til David.»

<sup>21</sup>Då David kom tilbake til dei to hundre mennene som hadde vore for utslitne til å følgja han, og som han hadde late vera att ved elveleiet i Besor, kom dei ut imot han og krigsfolket som følgde han. David gjekk fram til mennene og helsa på dei.

<sup>22</sup>Då var det nokre vonde og gudlause menn i følgjet til David som tok til orde og sa: «Sidan dei ikkje gjekk med oss, vil vi ikkje gje dei noko av byttet vi har berga. Kvar mann kan ta med seg konene og borna sine og gå.»

<sup>23</sup>Men David svara: «Nei, brørne mine! Far ikkje slik åt med det Herren har gjeve oss. Han har verna oss og hjelpt oss til å få tak i røvarflokken som kom over oss.

<sup>24</sup> Kven vil halda med dykk i dette? For den som går med i striden, skal ikkje ha meir av byttet enn den som blir att ved krigsutstyret. Dei skal dela likt.»

<sup>25</sup>Og slik har det vore frå den dagen. Han gjorde dette til lov og rett i Israel, som det er den dag i dag.

<sup>26</sup>Då David kom til Siklag, sende han noko av byttet til dei eldste i Juda, til venene sine, med desse orda: «Her er ei gåve til dykk av byttet som eg har teke frå Herrens fiendar.»

<sup>27</sup> Han sende gåver til dei i Betel, i Ramot-Negev, i Jattir,

<sup>28</sup>i Aroer, i Sifmot, i Esjtemoa,

<sup>29</sup>i Rakal, i jerahmeelittbyane, i kenittbyane,

<sup>30</sup>i Horma, i Bor-Asjan, i Atak,

<sup>31</sup>i Hebron og alle dei andre stadene der David og mennene hans hadde flakka omkring.

## 1. Samuelsbok 31

### Saul dør

<sup>1</sup>Filistrane førte krig mot Israel. Då flykta israelittane for dei, og det låg mange falne på Gilboa-fjellet.

<sup>2</sup>Filistrane var like i hælane på Saul og sønene hans, og dei felte Jonatan, Abinadab og Malkisjua, sønene til Saul.

<sup>3</sup>Saul var hardt pressa i kampen. Bogeskyttarane kom over han, og han skalv av redsle for dei.

<sup>4</sup>Då sa Saul til våpenberaren sin: «Dra sverdet og støyt det gjennom meg, så ikkje desse uomskorne skal koma og stikka meg ned og fara ille med meg.» Men våpenberaren ville ikkje; han var for redd. Då tok Saul sjølv sverdet og styrta seg mot det.

<sup>5</sup>Då våpenberaren såg at Saul var død, styrta han seg mot sverdet sitt og følgde Saul i døden.

<sup>6</sup>Den dagen fall Saul og dei tre sønene hans, våpenberaren og alle Sauls menn.

<sup>7</sup>Då dei israelittane som budde på den andre sida av dalen og av Jordan, såg at Israels soldatar hadde flykta, og at Saul og sønene hans var falne, tok dei ut frå byane sine og flykta. Og filistrane kom og slo seg ned der.

<sup>8</sup>Dagen etter kom filistrane og ville plyndra dei døde. Då fann dei Saul og dei tre sønene hans som låg falne på Gilboa-fjellet.

<sup>9</sup> Dei hogg hovudet av Saul og tok våpna hans. Så sende dei bod rundt om i filistarlandet for å ropa ut sigersbodskapen for folket og ved templa der gudebileta stod.

<sup>10</sup> Våpna hans la dei ned i Astarte-tempelet, og kroppen hengde dei opp på muren i Bet-Sjean.

<sup>11</sup> Då innbyggjarane i Jabesj i Gilead fekk høyra kva filistrane hadde gjort med Saul,

<sup>12</sup> braut alle våpenføre menn opp og gjekk heile natta. Dei tok kroppane til Saul og sønene hans ned frå muren i Bet-Sjean. Då dei kom til Jabesj, brende dei kroppane der.

<sup>13</sup> Dei tok knoklane deira og gravla dei under tamarisken i Jabesj. Så fasta dei i sju dagar.



## 2. Samuelsbok

### 2. Samuelsbok 1

#### David får høyra at Saul er død

- <sup>1</sup>Då Saul var død og David var komen att etter sigeren over amalekittane, heldt han til i Siklag i to dagar.
- <sup>2</sup>Den tredje dagen kom det ein mann frå Sauls leir med sundrivne klede og med jord på hovudet. Då han kom fram til David, kasta han seg til jorda og hylla han.
- <sup>3</sup>David spurde han: «Kvar kjem du frå?» Han svara: «Frå Israelsleiren, eg slapp unna.»
- <sup>4</sup>Då sa David til han: «Fortel meg kva som har hendt!» Han svara: «Folket flykta frå slaget, og mange av dei fall og mista livet. Saul og Jonatan, son hans, er òg døde.»
- <sup>5</sup>David spurde ungguten som fortalde dette: «Korleis veit du at Saul og Jonatan, son hans, er døde?»
- <sup>6</sup>Guten som melde frå, svara: «Det laga seg så at eg var på Gilboa-fjellet. Der stod Saul og støtta seg på spydet sitt medan stridsvognene og rytтары trengde hardt inn på han.
- <sup>7</sup>Han snudde seg og fekk auge på meg. Då ropa han på meg, og eg svara: Ja, her er eg.
- <sup>8</sup>Så spurde han: Kven er du? Eg svara: Eg er amalekitt.
- <sup>9</sup>Då sa han til meg: Still deg over meg og gjev meg dødsstøyten! For eg er i døds-krampe, men enno i live.
- <sup>10</sup>Så gjekk eg bort til han og gav han dødsstøyten, for eg skjøna at han ikkje hadde kunna overleva om han hadde falle. Eg tok krona han hadde på hovudet, og ringen han hadde rundt armen, eg kjem med dei hit til min herre.»

**11**Då tok David tak i kleda sine og reiv dei sund. Det same gjorde alle mennene som var med han.

**12** Heilt til kvelden heldt dei sørgjehøgtid og fasta og gret over Saul og Jonatan, son hans, over Herrens folk og Israels hus fordi dei var falne for sverd.

**13**Så spurde David ungguten som hadde fortalt han dette: «Kvar er du frå?» Han svara: «Eg er son til ein innflyttar, ein amalekitt.»

**14** Då sa David til han: «Korleis kunne du våga å leggja hand på Herrens salva og drepa han?»

**15**David ropa på ein av sine unge menn og sa: «Kom hit og hogg han ned!» Mannen slo han i hel,

**16**og David sa: «Ditt blod kjem over ditt eige hovud. For din eigen munn vitna mot deg då du sa: Eg har drepeHerrens salva.»

### **David sørgjer over Saul og Jonatan**

**17**David stemde i denne likklaga over Saul og Jonatan, son hans,

**18** og han baud at Juda-folket skulle læra denne klaga. Ho blir kalla «Bogen» og er oppskriven i «Boka til den rettvisе»:

**19**Din prydnad, Israel, ligg drepen på haugane dine. Falne er krigarane!

**20**Kunngjer ikkje dette i Gat, meld ikkje dette på gatene i Asjkalon! Filistardøtrene ville gleda seg, døtrene til dei uomskorne jubla.

**21** De Gilboa-fjell, gjev det aldri må falla dogg eller regn på dykk, gjev markene aldri må bera førstegrøde! For der låg tilsølte krigarskjold, Sauls skjold var ikkje smurt med olje.

**22**Utan blod av falne, utan feitt av krigarar vende aldri Jonatans boge attende eller Sauls-sverdet umetta heim.

**23**Saul og Jonatan, elska og avhaldne i live, døden skilde dei ikkje åt. Raskare var dei enn ørnar, sterkare var dei enn løver.



<sup>24</sup>Israels døtrer, gråt over Saul, som kledde dykk fagert i purpur og prydde dykkar klede med gull!

<sup>25</sup>Falne er krigarane, falne i kamp! Jonatan ligg drepen på haugane dine.

<sup>26</sup>Eg sørgjer over deg, Jonatan, min bror! Inderleg var du meg kjær. Din kjærleik var meg meir underfull enn kvinners kjærleik.

<sup>27</sup>Falne er krigarane, krigsvåpna øydelagde!

## 2. Samuelsbok 2

### David blir konge over Juda

<sup>1</sup>Sidan spurde David Herren om råd: «Skal eg dra opp til ein av byane i Juda?» Herren svara: «Ja, dra opp!» Då spurde David: «Kvar skal eg ta vegen?» «Til Hebron», svara Herren.

<sup>2</sup>Så drog David dit med dei to konene sine, Ahinoam frå Jisreel og Abigajil, ho som hadde vore gift med Nabal frå Karmel.

<sup>3</sup>Han tok òg med seg dei mennene som følgde han, kvar med sin huslyd. Og dei busette seg i landsbyane kring Hebron.

<sup>4</sup>Dit kom Juda-mennene og salva David til konge over Judas hus. Då David fekk høyra at det var mennene i Jabesj i Gilead som hadde gravlagt Saul,

<sup>5</sup>sende han bodberarar til dei for å seia: «Velsigna er de av Herren fordi de var gode mot Saul, herren dykkar, og gravla han.

<sup>6</sup>Må Herren no visa dykk miskunn og truskap! Eg vil òg gjera vel mot dykk fordi de har gjort dette.

<sup>7</sup>Ta då mot til dykk og ver modige menn! Saul, herren dykkar, er død, men no har Judas hus salva meg til konge over seg.»

### Krig mellom David og Sauls slekt

<sup>8</sup>Abner, son til Ner, som var hærføraren til Saul, tok Isjbosjet, son til Saul, og førte han til Mahanajim.

<sup>9</sup>Der gjorde han Isjbosjet til konge over Gilead, Asjer og Jisreel, over Efraim og Benjamin, ja, over heile Israel.

- <sup>10</sup>Isjosjet, son til Saul, var førti år gammal då han vart konge over Israel, og han styrte i to år. Det var berre Judas hus som heldt seg til David.
- <sup>11</sup>I sju år og seks månader var David konge over Judas hus i Hebron.
- <sup>12</sup>Abner, son til Ner, braut opp frå Mahanajim med mennene til Isjosjet, son til Saul, og drog til Gibeon.
- <sup>13</sup>Joab, son til Seruja, og mennene til David drog òg ut. Dei møttest ved Gibeon-dammen og slo seg ned på kvar si side av dammen.
- <sup>14</sup>Då sa Abner til Joab: «Skal vi ikkje la nokre unge menn koma fram og halda våpenleik for oss?» «Jau, lat dei det», svara Joab.
- <sup>15</sup>Så reiste dei seg og gjekk fram. Det var tolv i talet frå kvar side, tolv frå Benjamin, av mennene til Isjosjet, son til Saul, og tolv av mennene til David.
- <sup>16</sup>Dei greip kvarandre i hovudet og stakk sverdet i sida på kvarandre, og slik fall dei alle saman. Sidan har denne staden vore kalla Helkat-Hassurim, «Sverdegg-marka». Ho ligg ved Gibeon.
- <sup>17</sup>Den dagen vart det ein veldig kamp. Abner og israelittane vart slegne av mennene til David.
- <sup>18</sup> Dei tre sønene til Seruja, Joab, Abisjai og Asael, var med der. Asael var lett på foten som ein gasell i marka.
- <sup>19</sup>Han sette etter Abner og bøygde ikkje av til høgre eller venstre, men heldt seg heile tida i hælane på Abner.
- <sup>20</sup>Abner snudde seg og sa: «Er det du, Asael?» «Ja», svara han.
- <sup>21</sup>Då sa Abner til han: «Bøy av til kva side du vil, grip ein av unggutane og ta rustninga hans.» Men Asael ville ikkje slutta å forfølgja han.
- <sup>22</sup>Endå ein gong ropa Abner til Asael: «Hald opp med å følgja etter meg! Kvifor skulle eg slå deg i bakken? Korleis skulle eg då kunna sjå Joab, bror din, i auga?»
- <sup>23</sup> Men han ville ikkje halda opp. Då støytte Abner spydskaftet inn i magen hans så det gjekk ut gjennom ryggen på han, og han fall om og døydde på

staden. Alle som kom til den staden der Asael var fallen og døydde, stoppa opp der.

<sup>24</sup>Men Joab og Abisjai heldt fram med å forfølgja Abner. Då sola gjekk ned, var dei komne til Amma-haugen, som ligg beint imot Giah, på vegen til ørkenen ved Gibeon.

<sup>25</sup>Der samla benjaminittane seg i fylking bak Abner og stilte seg på toppen av ein haug.

<sup>26</sup>Abner ropa til Joab: «Skal sverdet aldri halda opp å eta? Skjønar du ikkje korleis dette kjem til å enda med sorg? Kor lenge vil du venta før du seier til krigsfolket ditt at dei skal slutta å forfølgja frendane sine?»

<sup>27</sup>Joab svara: «Så sant Gud lever: Hadde du ikkje sagt dette, ville folket først i morgon ha slutta å forfølgja brørne sine.»

<sup>28</sup>Så bles Joab i hornet, og alt krigsfolket hans stoppa. Dei forfølgde ikkje israelittane lenger og heldt ikkje fram med striden.

<sup>29</sup> Abner og mennene hans gjekk over Araba-sletta heile natta. Dei sette over Jordan og gjekk gjennom fjellkløfta til dei kom fram til Mahanajim.

<sup>30</sup>Då Joab hadde halde opp med å forfølgja Abner, samla han krigsfolket. Forutan Asael mangla det nitten av mennene til David.

<sup>31</sup>Men Davids menn hadde drepe tre hundre og seksti benjaminittar av Abners krigsfolk.

<sup>32</sup>Dei tok Asael med seg og gravla han i grava til far hans i Betlehem. Joab og mennene hans gjekk heile natta og kom til Hebron då det grydde av dag.

## 2. Samuelsbok 3

<sup>1</sup>Krigen mellom Sauls hus og Davids hus vart dryg. David vart sterkare og sterkare, medan Saul vart veikare og veikare.

### David får søner i Hebron

<sup>2</sup>David fekk desse sønene medan han var i Hebron: Den første var Amnon, som han fekk med Ahinoam frå Jisreel.

<sup>3</sup>Den andre var Kilab, som han fekk med Abigajil, ho som hadde vore gift med Nabal frå Karmel. Den tredje var Absalom, son til Maaka, som var dotter til kong Talmai i Gesjur.

<sup>4</sup>Den fjerde var Adonja, son til Haggit. Den femte var Sjefatja, son til Abital.

<sup>5</sup>Den sjette var Jitream, son til Davids kone Egla. Desse sønene fekk David medan han budde i Hebron.

### **Abner går over til David**

<sup>6</sup>Så lenge kampen mellom Sauls hus og Davids hus stod på, fekk Abner meir og meir makt i Sauls hus.

<sup>7</sup>No hadde Saul hatt ei følgjekone som heitte Rispa og var dotter til Ajja. Isjbosjet sa til Abner: «Kvifor har du vore saman med følgjekona til far min?»

<sup>8</sup>Abner vart brennande harm over det Isjbosjet sa. «Er eg eit hundehovud frå Juda?» sa han. «Den dag i dag gjer eg godt mot huset til Saul, far din, mot slektningane og venene hans. Eg har sytt for at du ikkje skulle falla i hendene på David, og så krev du meg til rekneskap på grunn av denne kvinna!

<sup>9</sup>Måtte Gud la det gå meg ille både no og sidan om eg ikkje gjer slik mot David som Herren med eid har lova han.

<sup>10</sup> Eg vil ta kongedømet frå Sauls hus og reisa Davids kongsstol over Israel og Juda, frå Dan til Beer-Sjeba.»

<sup>11</sup>Isjbosjet torde ikkje svara eit ord, så redd var han for Abner.

<sup>12</sup>Abner sende nokre bodberarar til David i sin stad. Dei skulle seia: «Kven er det landet høyrer til? Gjer ei pakt med meg, så skal eg hjelpa deg og få heile Israel over på di side.»

<sup>13</sup> David svara: «Godt, eg skal gjera pakt med deg. Berre éin ting krev eg av deg: Syn deg ikkje for mine auge utan at du har med deg Mikal, dotter til Saul, når du kjem.»

**14** David sende bodberarar til Isjbosjet, son til Saul. Dei skulle seia: «Gjev meg att Mikal, kona mi, som eg vann meg til brur med forhudene av hundre filistrar.»

**15** Isjbosjet sende då bod og tok henne frå mannen hennar, Paltiel, son til Lajisj.

**16** Mannen følgde med. Han gjekk gråtande bakom henne heilt til dei kom til Bahurim. Der sa Abner til han: «Gå heim att!» Då snudde Paltiel.

**17** Abner tala med dei eldste i Israel og sa: «Fleire gonger har de prøvd å få David til konge.

**18** Gjer no alvor av det! For Herren har sagt om David: Gjennom David, tenaren min, vil eg berga mitt folk Israel frå filistrane og alle dei andre fiendane deira.»

**19** Abner tala òg med benjaminittane. Så drog han til Hebron og ville fortelja David alt det som israelittane og alle benjaminittane hadde vedteke.

**20** Då Abner kom til David i Hebron med eit følgje på tjue mann, heldt David ein fest for han og mennene som var med han.

**21** Abner sa til David: «No vil eg ta i veg og samla heile Israel for deg, herre konge. Så vil dei gjera ei pakt med deg, og du kan vera konge over heile det riket du ønskjer deg.» David lét Abner fara, og han drog bort i fred.

### **Drapet på Abner**

**22** På same tid kom Davids menn og Joab heim frå eit plyndringstokt, og dei hadde eit stort hærfang med seg. Abner var ikkje lenger hos David i Hebron, for David hadde late han fara, og han hadde drege bort i fred.

**23** Då Joab var vel heime med heile hæren, kom det nokre og sa til han: «Abner, son til Ner, kom til kongen, og han lét han fara bort i fred.»

**24** Då gjekk Joab inn til kongen og sa: «Kva har du gjort? Når Abner kjem til deg, lèt du han då fara sin veg?

<sup>25</sup>Du kjenner då Abner, son til Ner? Han kom hit berre for å lura deg og for å få greie på kvar du ferdast, og kva du gjer.»

<sup>26</sup>Då Joab kom ut att frå David, sende han bodberarar etter Abner og fekk han til å snu ved Sira-brønnen. Men det visste ikkje David.

<sup>27</sup> Då Abner kom tilbake til Hebron, tok Joab han til sides i byporten for å få snakka med han i fred. Der stakk han Abner i magen og drap han for å hemna Asael, bror sin.

<sup>28</sup>Sidan fekk David høyra om dette. Han sa: «Eg og kongedømet mitt er for alltid utan skuld for Herren i drapet på Abner, son til Ner.

<sup>29</sup> Gjev hans blod må strøyma over Joabs hovud og over heile huset til far hans. Gjev det i Joabs slekt alltid må vera folk som lid av utflod eller hudsjukdom, menn som sit og spinn, som fell for sverd eller manglar mat.»

<sup>30</sup>Joab og Abisjai, bror hans, drap Abner fordi han hadde slege i hel Asael, bror deira, i slaget ved Gibeon.

<sup>31</sup> Så sa David til Joab og alle som var hos han: «Riv sund kleda, ta på dykk sekkestrie og hald sørgjehøgtid over Abner!» Kong David gjekk sjølv bak båra.

<sup>32</sup>Dei gravla Abner i Hebron. Kongen gret høgt ved grava hans, og heile folket gret med.

<sup>33</sup>Kongen stemde i ei likklage over Abner: Laut Abner døy slik ein dåre døyr?

<sup>34</sup>Dine hender var ikkje bundne, dine føter ikkje lagde i lenkjer. Du fall som ein fell for ugjerningsmenn. Då gret folket endå ein gong.

<sup>35</sup>Sidan kom dei alle og ville få David til å eta medan det endå var dag. Men han svor: «Gud la det gå meg ille både no og sidan om eg smakar brød eller noko anna før sola er gått ned!»

<sup>36</sup>Alle merka seg dette, og dei syntest godt om det. Alt det kongen gjorde, syntest folket godt om.

<sup>37</sup>Den dagen skjøna alle, ja, heile Israel, at det ikkje var kongen som stod bak drapet på Abner, son til Ner.

<sup>38</sup>Kongen sa til mennene sine: «De skjønar vel at i dag er det falle ein hovding og stormann i Israel.

<sup>39</sup> Enno er eg for veik, sjølv om eg er salva til konge. Og desse mennene, Seruja-sønene, er for sterke for meg. Gjev Herren må løna ugjerningsmannen for det vonde han har gjort!»

## 2. Samuelsbok 4

### Drapet på Isjbosjet

<sup>1</sup>Då son til Saul fekk høyra at Abner hadde mista livet i Hebron, mista han motet, og heile Israel vart gripne av redsle.

<sup>2</sup>Son til Saul hadde to menn i tenesta si som førte flokkar på plyndringstokt. Den eine heitte Baana og den andre Rekab. Dei var sønene til Rimmon frå Beerot og høyrde til Benjamin-stammen. For Beerot vart òg rekna til Benjamin.

<sup>3</sup>Folket i Beerot hadde flykta til Gittajim, og der har dei budd som innflyttarar til denne dag.

<sup>4</sup>Jonatan, son til Saul, hadde ein son som hadde ein skade i føtene. Han var fem år gammal då ulukkemeldinga om Saul og Jonatan kom frå Jisreel. Fostermodra tok han med seg og flykta i all hast, men under flukta fall han ned og vart halt. Han heitte Mefibosjet.

<sup>5</sup>Då tok dei ut, Rekab og Baana, sønene til Rimmon frå Beerot. Dei kom til huset til Isjbosjet medan dagen var på det heitaste og han låg og kvilte middag.

<sup>6</sup>Kvinna som vakta døra, hadde sete og sikta kveite. Men ho hadde sovna, så Rekab og Baana, bror hans, slapp usedde forbi.

<sup>7</sup>Dei kom inn i huset der Isjbosjet låg på senga i soverommet sitt, og dei slo han i hel og hogg hovudet av han. Dei tok hovudet med seg, og så gjekk dei heile natta over Araba-sletta.

<sup>8</sup>Dei kom med hovudet hans til David i Hebron og sa til kongen: «Sjå, her er hovudet av Isjbosjet, son til Saul, fienden din, som stod deg etter livet. I dag har Herren gjeve deg hemn over Saul og slekta hans, herre konge.»

<sup>9</sup>Men David svara Rekab og Baana, bror hans, sønene til Rimmon frå Beerot: «Så sant Herren lever, han som har fria meg ut or all naud:

<sup>10</sup> Den mannen som kom til meg og melde at Saul var død, meinte sjølv at han kom med eit gledebod. Men eg greip han og drap han i Siklag. Det var løna eg gav han for gledebodet!

<sup>11</sup>Kva no, når lovause har drepe ein uskuldig mann i hans eige hus og hans eiga seng? Skulle eg ikkje då krevja hans blod av dykkar hand og rydda dykk ut frå jorda?»

<sup>12</sup> Så gav David nokre unge menn ordre om å drepa Rimmon-sønene. Dei hogg hendene og føtene av dei og hengde dei opp ved Hebron-dammen. Men hovudet av Isjbosjet tok dei og gravla i Abners grav i Hebron.

## 2. Samuelsbok 5

### David blir konge over heile Israel

<sup>1</sup> Alle Israels stammar kom til David i Hebron og sa: «Sjå, vi er av same bein og kjøt som du.

<sup>2</sup> Alt for lenge sidan, då Saul var konge over oss, var det du som førte Israel både ut og heim att. Herren har sagt til deg: Du skal vera hyrding for Israel, folket mitt, du skal vera fyrste over Israel.»

<sup>3</sup> Då kom alle dei eldste i Israel til kongen i Hebron. Kong David gjorde ei pakt med dei i Hebron for Herrens andlet. Og dei salva David til konge over Israel.

<sup>4</sup> David var tretti år gammal då han vart konge, og han styrte i førti år.

<sup>5</sup> I Hebron var han konge over Juda i sju år og seks månader, og i Jerusalem var han konge over heile Israel og Juda i trettitre år.

### David tek Jerusalem



<sup>6</sup>Kongen og mennene hans drog no til Jerusalem, mot jebusittane som budde der i landet. Men dei sa til David: «Her kjem du aldri inn! Halte og blinde skal driva deg bort og seia: Her kjem David aldri inn!»

<sup>7</sup>David tok likevel Sion-borga, som no er Davidsbyen.

<sup>8</sup>Den dagen sa David: «Kvar den som drep ein jebusitt, desse halte og blinde som hatar David, skal koma fram til vass-sjakta.» Difor heiter det: «Ein blind eller halt får ikkje koma inn i tempelet.»

<sup>9</sup>David slo seg ned i borga og kalla henne Davidsbyen. Han bygde omkring henne, frå Millo og innover.

<sup>10</sup> David fekk stadig større makt, for Herren, allhærs Gud, var med han.

<sup>11</sup> Hiram, kongen i Tyros, sende utsendingar til David. Dei kom med sedertre og hadde med seg tømrrarar og steinhoggarar. Dei bygde eit slott for David.

<sup>12</sup>Då skjøna David at Herren hadde stadfest kongedømet hans over Israel og lyft kongsveldet hans høgt for sitt folk Israels skuld.

### **David får søner i Jerusalem**

<sup>13</sup>Etter at David hadde flytt frå Hebron, tok han seg fleire følgjekoner og koner frå Jerusalem, og han fekk endå fleire søner og døtrer.

<sup>14</sup>Dette er namna på dei sønene han fekk i Jerusalem: Sjammua, Sjobab, Natan, Salomo,

<sup>15</sup>Jibhar, Elisjua, Nefeg, Jafia,

<sup>16</sup>Elisjama, Eljada og Elifelet.

### **Siger over filistrane**

<sup>17</sup> Då filistrane fekk høyra at David var salva til konge over Israel, drog dei alle ut og ville få tak i han. Men David fekk greie på det og drog ned til borga.

<sup>18</sup> Filistrane kom og spreidde seg ut over Refa'im-dalen.

<sup>19</sup> Då spurde David Herren til råds: «Skal eg dra ut mot filistrane? Vil du gje dei i mine hender?» Og Herren svara David: «Dra opp! Eg vil gje filistrane i dine hender.»

<sup>20</sup> Så drog David til Baal-Perasim, og der slo han dei. Då sa han: «Herren har brote igjennom fiendens rekkjer føre meg, slik vatn bryt seg veg.» Difor kallar dei denne staden Baal-Perasim.

<sup>21</sup> Der lét filistrane etter seg gudebiletta sine, og David og mennene hans tok dei med seg.

<sup>22</sup> Men filistrane drog igjen opp og spreidde seg ut over Refa'im-dalen.

<sup>23</sup> Då spurde David Herren til råds, og han svara: «Du skal ikkje dra beint opp mot dei. Gå rundt og bak dei, så kjem du på dei midt framfor baka-trea.

<sup>24</sup> Når du høyrer lyden av marsjgang over tretoppene, så gjer deg klar! For då dreg Herren ut framfor deg for å slå filistarhæren.»

<sup>25</sup> David gjorde som Herren hadde sagt han. Han slo filistrane og forfølgde dei frå Geba og nesten til Geser.

## 2. Samuelsbok 6

### Paktkista kjem til Sion

<sup>1</sup> Endå ein gong samla David dei beste mennene i Israel, tretti tusen mann.

<sup>2</sup> Han braut opp med heile sin hær og drog til Baala i Juda. Derifrå ville dei henta Guds paktkiste, som ber namnet til Herren over hærskarane, han som tronar over kjerubane.

<sup>3</sup> Dei sette paktkista på ei ny vogn og førte henne frå Abinadabs hus på høgda. Sønene til Abinadab, Ussa og Ahjo, køyrde den nye vogna.

<sup>4</sup> Slik førte dei Guds paktkiste bort frå Abinadabs hus på høgda, og Ahjo gjekk føre kista.

<sup>5</sup> David og heile Israels hus dansa og leika for Herrens andlet, og dei song til tonar frå lyrer og harper, trommer, kastanjettar og symbalar.

<sup>6</sup>Men då dei kom til treskjevollen til Nakon, rette Ussa ut handa og tok tak i Guds paktkiste fordi oksane var ustyrlege.

<sup>7</sup>Då vart Herrenbrennande harm på Ussa. Gud slo han på staden fordi han gjorde dette, og han døydde der ved Guds paktkiste.

<sup>8</sup>David var opprørt over Herrensplutselege utfall mot Ussa. Han kalla staden Peres-Ussa, og det har han heitt til denne dag.

<sup>9</sup>Den dagen vart David gripen av frykt for Herren. Han sa: «Korleis skulle Herrens paktkiste kunna koma heim til meg?»

<sup>10</sup>Han ville ikkje flytta paktkista opp til seg i Davidsbyen, men sette henne i huset til Obed-Edom frå Gat.

<sup>11</sup>Der vart Herrens paktkiste ståande i tre månader, og Herren velsigna Obed-Edom og heile hans hus.

<sup>12</sup>Då kong David fekk høyra at Herren for paktkista skuld hadde velsigna huslyden til Obed-Edom og alt det han eigde, gjekk han med stor glede og førte Guds paktkiste frå huset til Obed-Edom opp til Davidsbyen.

<sup>13</sup>Då dei som bar Herrens paktkiste, hadde gått seks steg fram, ofra han ein okse og ein gjøkalv.

<sup>14</sup>David dansa av all kraft for Herrensandlet. Han var kledd i ei prestedrakt av lin.

<sup>15</sup>Slik førte David og heile Israelsfolket Herrens paktkiste opp med jubelrop og støytar i bukkehorn.

<sup>16</sup>Men då kista vart boren inn i Davidsbyen, såg Mikal, dotter til Saul, ut gjennom vindauget. Ho fekk auge på kong David som hoppa og dansa for Herrens andlet, og ho vanvørde han i hjartet.

<sup>17</sup>Dei førte Herrens paktkiste inn og sette henne der ho skulle stå i det teltet som David hadde reist for henne. Og David bar fram brennoffer og fredsoffer for Herren.

<sup>18</sup> Då David var ferdig med å bera fram brennofferet og fredsofferet, velsigna han folket i namnet til Herren over hærskarane.

<sup>19</sup> Så delte han ut eit lite, rundt brød, ei daddelkake og ei rosinkake til kvar mann og kvinne i folket, den store mengda av israelittar. Så gjekk alle kvar til sitt.

<sup>20</sup> Då David kom heim att for å velsigna sitt hus, gjekk Mikal, dotter til Saul, ut mot han og sa: «Kor høgt Israels konge er vorten æra i dag då han viste seg naken for auga på tenestejentene til mennene sine, slik lettsindige menneske har for vis!»

<sup>21</sup> David svara Mikal: «Det var for Herrens andlet eg dansa, for han som valde meg ut i staden for far din og heile hans hus og sette meg til fyrste over Herrens folk, over Israel.

<sup>22</sup> Eg kan gjera meg endå ringare enn eg no har gjort, og bli endå mindre i mine eigne auge. Men hos desse tenestejentene som du talar om, skal eg vinna ære!»

<sup>23</sup> Mikal, dotter til Saul, var barnlaus til sin døyande dag.

## 2. Samuelsbok 7

### Herrens løfte til David

<sup>1</sup> Kongen budde no i huset sitt, og Herren hadde gjeve han fred for alle fiendane rundt omkring.

<sup>2</sup> Ein dag sa kongen til profeten Natan: «Sjå, her bur eg i eit hus av sedertre, medan Guds paktkiste står i eit telt.»

<sup>3</sup> Natan svara kongen: «Gjer alt som ligg deg på hjartet, for Herren er med deg!»

<sup>4</sup> Same natta kom Herrens ord til Natan:

<sup>5</sup> Gå og sei til David, tenaren min: Så seier Herren: Skulle du byggja eit hus for meg til å bu i?

<sup>6</sup>Eg har då ikkje budd i hus heilt frå den tid eg førte israelittane opp frå Egypt og til denne dag. Eg har vandra omkring med eit telt til bustad.

<sup>7</sup>Eg vandra ikring med israelittane og hovdingane over Israels stammar, som eg sette til å vakta Israel, folket mitt. Sa eg nokon gong til ein av dei: «Kvifor har ikkje de bygd eit hus av sedertre for meg?»

<sup>8</sup>No skal du seia til David, tenaren min: Så seier Herren over hærskarane: Eg henta deg frå beitemarka der du følgde saueflokken, og sette deg til fyrste over Israel, folket mitt.

<sup>9</sup>Eg var med deg kvar du gjekk, og utrydda alle fiendane dine for deg. Eg har gjort namnet ditt stort, som namnet til dei største på jorda.

<sup>10</sup>Eg vil stella til ein bustad for Israel, folket mitt, og planta det der. Dei skal få bu der og aldri bli uroa meir. Ugjerningsmenn skal ikkje lenger plaga dei som i gamle dagar,

<sup>11</sup>som det var på den tida eg sette dommarar over Israel, folket mitt, og gav deg fred for alle fiendane dine. No kunngjer Herren at han vil byggja eit hus for deg.

<sup>12</sup>Når dine dagar er til ende og du kviler hos fedrane dine, vil eg reisa opp din etterkomar, ein av ditt eige kjøt og blod, til å følgja etter deg. Eg vil grunnfesta kongedømet hans.

<sup>13</sup>Han skal byggja eit hus for namnet mitt, og eg vil tryggja kongsstolen hans til evig tid.

<sup>14</sup>Eg vil vera far for han, og han skal vera son for meg. Når han gjer det som vondt er, vil eg straffa han med stakk og slag frå menneske.

<sup>15</sup>Men mi miskunn skal eg ikkje ta frå han, så som eg gjorde med Saul, han som eg lét vika for deg.

<sup>16</sup>Ditt hus og ditt kongedøme skal stå fast til evig tid for mitt andlet, og din kongsstol skal stå støtt til evig tid.

<sup>17</sup>Alle desse orda og heile dette synet bar Natan fram for David.

## David takkar Herren

**18** Då gjekk kong David inn og sette seg framfor Herrens andlet. Han sa: Kven er vel eg, Herre Gud, og kva er mitt hus, sidan du har ført meg så langt?

**19**Og endå var dette for lite i dine auge, Herre Gud. Du har gjeve huset til tenaren din lovnader langt fram i tida. Dette skal vera til rettleiing for menneska, Herre Gud.

**20**Kva meir skal David seia til deg? Du kjenner då tenaren din, Herre Gud.

**21**For ditt ord skuld og etter ditt eige hjarte har du gjort alt dette store og kunngjort det for tenaren din.

**22**Difor er du stor, Herre Gud! Det er ingen som du, og det finst ingen Gud utan du, etter alt vi har høyrte med eigne øyre.

**23** Kven er som folket ditt, som Israel? Det er det einaste folket på jorda som Gud kom til for å fria ut og gjera til sitt eige. Han skapte seg eit namn og gjorde store og skremmande gjerningar for dykk – og for landet ditt. Du fria folket ditt ut av Egypt, frå folka og gudane deira.

**24** Du fastsette at Israel, folket ditt, skulle vera ditt folk til evig tid. Og du, Herre, vart deira Gud.

**25**Lat no, Herre Gud, det ordet du har tala om tenaren din og huset hans, stå fast til evig tid, og gjer som du har sagt!

**26**Då skal namnet ditt vera stort til evig tid, så folk kjem til å seia: Herren over hærskarane er Gud over Israel. Og huset til David, tenaren din, skal stå urokka for ditt andlet.

**27**For du, Herre over hærskarane, Israels Gud, har openberra dette for tenaren din: «Eg vil byggja eit hus for deg.» Difor har eg våga meg til å bera denne bøna fram for deg.

**28** Herre Gud, du er då Gud, og dine ord er sanning. Du har gjeve tenaren din denne gode lovnaden.

<sup>29</sup>Måtte du frå no av velsigna huset til tenaren din så det alltid må bli ståande for ditt andlet. For du, Herre Gud, har tala. Med di velsigning vil huset til tenaren din vera velsigna til evig tid.

## 2. Samuelsbok 8

### David sigrar i krig

<sup>1</sup>Ei tid etter dette slo David filistrane og tvinga dei under seg. Han tok Meteg-Amma frå dei.

<sup>2</sup>David vann over moabittane òg. Han baud dei leggja seg ned på jorda, og så målte han dei med ei snor. Han målte ut to snorlengder med folk som skulle drepast, og ei full snorlengd med folk som skulle få leva. Moabittane vart Davids slavar og laut betala skatt.

<sup>3</sup>Like eins vann David over Hadadeser, son til Rehob, kongen av Soba, då han drog ut for å vinna att herredømet over landet ved Euftrat.

<sup>4</sup>David tok frå han 1700 ryttarar og 20 000 fotfolk. Han skar over hasane på alle vognhestane, men 100 hestar sparte han.

<sup>5</sup>Aramearane i Damaskus kom og ville hjelpa Hadadeser, kongen av Soba. Men David felte 22 000 av dei.

<sup>6</sup>David sette ut vaktpostar i Aram-Damaskus. Dei vart slavar for David og laut betala skatt til han. Slik hjelpte Herren David kvar helst han fór fram.

<sup>7</sup>David tok gullskjolda som mennene til Hadadeser hadde bore, og førte dei til Jerusalem.

<sup>8</sup>Frå Betah og Berotai, to byar som hørde Hadadeser til, tok kong David bronse i store mengder.

<sup>9</sup>Då To'i, kongen i Hamat, hørde at David hadde vunne over heile hæren til Hadadeser,

<sup>10</sup>sende han Joram, son sin, til kong David. Han skulle helsa han og ønskja han til lukke med sigeren over Hadadeser. For Hadadeser hadde støtt ført krig med To'i. Joram hadde med seg gåver av sølv, gull og bronse.

- 11** Alt dette helga kong David til Herren saman med det sølvet og gullet han hadde teke frå alle dei andre folkeslaga han hadde lagt under seg,
- 12** frå edomittane, moabittane, ammonittane, filistrane og amalekittane. Det same gjorde han med hærfanget frå Hadadeser, son til Rehob, kongen i Soba.
- 13** David vann seg eit stort namn då han kom tilbake frå sigeren over edomittane i Saltdalen. 18 000 mann vart slegne.
- 14** Han sette ut vaktpostar i Edom. I heile Edom sette han ut vaktpostar. Alle edomittane vart slavar for David. Slik hjelpte Herren David kvar helst han fór fram.
- 15** David rådde no over heile Israel. Han fremja rett og rettfærd for heile folket sitt.
- 16** Joab, son til Seruja, var hærførar, og Josjafat, son til Ahilud, var kanslar.
- 17** Sadok, son til Ahitub, og Ahimelek, son til Abjatar, var prestar og Seraja riksskrivar.
- 18** Benaja, son til Jojada, var leiar for kretarane og pletarane, og sønene til David var prestar.

## **2. Samuelsbok 9**

### **David og Mefibosjet**

- 1** David spurde: «Finst det enno nokon att av Sauls hus? Då vil eg gjera godt mot han for Jonatans skuld.»
- 2** Det var ein tenar frå Sauls hus som heitte Siba. Han vart kalla fram for David, og kongen spurde han: «Er du Siba?» «Til teneste», svara han.
- 3** Då spurde kongen: «Er det ikkje ein einaste att av Sauls hus som eg kan gjera godt mot i Guds namn?» Siba svara kongen: «Ein av sønene til Jonatan lever enno. Han er lam i føtene.»
- 4** «Kvar er han?» spurde kongen. Siba svara: «Han er heime hos Makir, son til Ammiel, i Lo-Debar.»



<sup>5</sup>Då sende kong David bod og henta han heime hos Makir, son til Ammiel, i Lo-Debar.

<sup>6</sup>Då Mefibosjet, son til Jonatan, son til Saul, kom inn til David, kasta han seg ned med andletet mot jorda. David sa: «Mefibosjet!» Han svara: «Her er tenaren din.»

<sup>7</sup>David sa til han: «Ver ikkje redd! For eg vil gjera godt mot deg for far din, Jonatan, si skuld. Du skal få att all jord som Saul, far din, eigde. Og du skal alltid eta ved mitt bord.»

<sup>8</sup>Då bøygde han seg igjen og sa: «Kva er vel eg, tenaren din? Kvifor bryr du deg om ein daud hund som meg?»

<sup>9</sup>Kongen kalla på Siba, tenaren til Saul, og sa til han: «Alt det som har høyrte Saul og heile hans hus til, gjev eg son til herren din.

<sup>10</sup> Men du og sønene dine og tenarane dine skal dyrka jorda og hausta inn for han. Det skal Mefibosjet, son til herren din, leva av, og han skal alltid eta ved mitt bord.» Siba hadde femten søner og tjue tenarar.

<sup>11</sup>Han svara kongen: «Alt det min herre kongen byd tenaren sin, skal eg gjera.» Sidan åt Mefibosjet ved Davids bord som om han var ein av sønene til kongen.

<sup>12</sup>Mefibosjet hadde ein liten son som heitte Mika. Alle som budde i huset til Siba, var tenarar for Mefibosjet.

<sup>13</sup>Mefibosjet sjølv vart buande i Jerusalem, for han åt alltid ved kongens bord. Han var lam i begge føtene.

## **2. Samuelsbok 10**

### **Krig med ammonittane og aramearane**

<sup>1</sup>Ei tid etter døydde kongen over ammonittane, og Hanun, son hans, vart konge etter han.

<sup>2</sup>Då sa David: «Eg vil gjera godt mot Hanun, son til Nahasj, slik far hans gjorde godt mot meg.» Så sende David nokre av mennene sine for å trøysta han i sorga over faren. Men då mennene til David kom til ammonittlandet,

<sup>3</sup>sa dei ammonittiske feltherrane til Hanun, herren sin: «Trur du det er for å æra far din at David sender folk som skal trøysta deg? Nei, David har nok heller sendt mennene sine til deg for å spionera og utforska og endevenda byen.»

<sup>4</sup>Då greip Hanun mennene til David. Han barberte av dei halve skjegget, klipte kleda deira i to opp til baken og sende dei frå seg.

<sup>5</sup>Då David fekk melding om dette, sende han folk til møtes med mennene, for dei hadde vorte stygt vanæra. Kongen sa til dei: «Hald dykk i Jeriko til skjegget har vakse ut att. Så kan de koma heim.»

<sup>6</sup>Ammonittane skjøna at dei hadde gjort seg hata av David. Dei sende ut folk og leigde 20 000 fotfolk av aramearane i Bet-Rehob og Soba, 1000 mann av kongen i Maaka og 12 000 mann frå Tob.

<sup>7</sup>Då David hørde dette, sende han Joab av stad med elitetroppane i hæren.

<sup>8</sup>Ammonittane drog ut og fylka seg til kamp framfor byporten. Aramearane frå Soba og Rehob og mennene frå Tob og Maaka stod for seg sjølve på open mark.

<sup>9</sup>Då Joab såg at fienden truga både framanfrå og bakanfrå, valde han ut nokre av dei beste krigarane i Israel og stilte dei opp mot aramearane.

<sup>10</sup>Resten av hæren lét han Abisjai, bror sin, få hand over og fylka dei mot ammonittane.

<sup>11</sup>Så sa han: «Blir aramearane for sterke for meg, må du koma meg til hjelp. Og blir ammonittane for sterke for deg, skal eg koma og hjelpa deg.

<sup>12</sup>Ver sterk! Lat oss vera uredde i striden for folket vårt og for byane til vår Gud, så får Herren gjera det som er best i hans auge.»

<sup>13</sup>Så gjekk Joab og mennene hans til åtak på aramearane, og dei flykta for han.

<sup>14</sup>Ammonittane såg at aramearane flykta. Då flykta dei for Abisjai og kom seg inn i byen. Joab avbraut felttoget mot ammonittane og drog tilbake til Jerusalem.

<sup>15</sup>Då aramearane såg at dei hadde tapt for israelittane, samla dei seg att.

<sup>16</sup> Hadadeser sende bod til aramearane på andre sida av Eufkrat om å ta ut, og dei kom til Helam. Sjobak, hærføraren til Hadadeser, førte dei.

<sup>17</sup>Då David fekk melding om dette, samla han alle israelittane, sette over Jordan og drog til Helam. Aramearane fylka seg mot David og gjekk til åtak på han.

<sup>18</sup>Men aramearane laut flykta for israelittane, og David drap mannskapet på 700 av stridsvognene til aramearane og 40 000 ryttarar. Sjobak, hærføraren, fekk òg banesår og døydde der.

<sup>19</sup>Då alle vasallkongane som stod under Hadadeser, såg at dei hadde tapt for israelittane, slutta dei fred med dei og gav seg under Israel. Sidan torde ikkje aramearane hjelpe ammonittane meir.

## 2. Samuelsbok 11

### David og Batseba

<sup>1</sup> Året etter, på den tid då kongane plar fara i krig, sende David ut Joab med mennene sine, heile Israels-hæren. Dei herja mellom ammonittane og kringsette Rabba. Sjølv sat David heime i Jerusalem.

<sup>2</sup>Ein gong ved kveldstid hende det at David stod opp frå senga si og gjekk og dreiv på slottstaket. Frå taket fekk han sjå ei kvinne som bada. Kvinna var svært vakker.

<sup>3</sup>David sende bod og spurde seg føre om henne. Han fekk til svar: «Det er Batseba, dotter av Eliam og kona til hetitten Uria.»

<sup>4</sup>David sende bod og henta henne til seg. Ho kom til han, og han låg med henne. Ho hadde nett reinsa seg etter at ho hadde vore urein. Sidan gjekk ho heim att.

<sup>5</sup>Men kvinna hadde vorte med barn. Ho sende bod til David med orda: «Eg skal ha barn.»

<sup>6</sup>Då sende David bod til Joab: «Lat hetitten Uria koma hit til meg.» Og Joab sende Uria til David.

<sup>7</sup>Då Uria kom, spurde David korleis det stod til med Joab og hæren, og korleis det gjekk med krigen.

<sup>8</sup>Så sa David til han: «Gå no heim og vask føtene dine!» Og då Uria gjekk ut frå kongeborga, sende kongen ei gåve etter han.

<sup>9</sup>Men Uria la seg i porten til kongeborga saman med alle tenarane til kongen. Han gjekk ikkje heim.

<sup>10</sup>Då David fekk vita at Uria ikkje hadde gått heim, sa han til han: «Har du ikkje vore på reise? Kvifor har du ikkje gått heim?»

<sup>11</sup>Uria svara David: «Både israelittane og judearane, og paktkista med, held til i hytter. Joab, herren min, og mennene til kongen ligg i leir på open mark. Skulle eg då gå heim, eta og drikka og liggja med kona mi? Ved ditt liv, så sant du lever, det gjer eg ikkje!»

<sup>12</sup>Då sa David til Uria: «Ver her i dag òg! I morgon sender eg deg av stad att.» Så vart Uria verande i Jerusalem den dagen og dagen etter.

<sup>13</sup>David bad han til seg, åt og drakk saman med han og skjenkte han full. Men om kvelden gjekk Uria og la seg på plassen sin saman med tenarane til herren sin. Heim gjekk han ikkje.

<sup>14</sup>Morgonen etter skreiv David eit brev til Joab og sende det med Uria.

<sup>15</sup>I brevet skreiv han: «Set Uria lengst framme, der striden er hardast. Trekk dykk så tilbake frå han, så han fell og mistar livet!»

<sup>16</sup>Joab, som låg og vakta på byen, sette då Uria på ein stad der han visste det stod tapre krigarar.

<sup>17</sup>Mennene i byen drog ut og gjekk til åtak på Joab. Nokre av krigarane til David fall, og hetitten Uria døydde òg.

<sup>18</sup>Joab sende bod til David med melding om korleis det hadde gått i kampen.

<sup>19</sup>Han gav bodberaren dette bodet: «Når du har fortalt kongen korleis det gjekk i kampen,

<sup>20</sup>kan det henda at han fyk opp i sinne og seier: Kvifor kom de så nær inn til byen i kampen? De måtte då skjønna at dei ville skyta ned mot dykk frå bymuren!

<sup>21</sup> Kven var det som drap Abimelek, son til Jerubbesjet? Var det ikkje ei kvinne som kasta ein kvernstein ned på han frå muren i Tebes, så han døydde? Kvifor gjekk de då så nær inntil muren? – Då skal du svara: Hetitten Uria, tenaren din, mista livet, han òg.»

<sup>22</sup>Bodberaren tok ut og kom til David med den meldinga han hadde fått av Joab.

<sup>23</sup>Han sa til David: «Fienden fekk overtaket og tok ut mot oss på open mark. Men vi dreiv dei tilbake til byporten.

<sup>24</sup>Då skaut bogeskyttarane på oss oppe frå muren, og nokre av kongsmennene fall. Hetitten Uria, tenaren din, er òg død.»

<sup>25</sup> Då sa David til bodberaren: «Sei til Joab at han skal ikkje la dette gå inn på seg. For sverdet råkar snart den eine, snart den andre. Han skal halda fram med å kjempa mot byen og riva han ned. Bed han vera ved godt mot.»

<sup>26</sup>Då kona til Uria fekk høyra at mannen hennar var fallen, heldt ho sørgjehøgtid over han.

<sup>27</sup>Men då sørgjetida var over, sende David bod og henta henne heim til seg. Ho vart kona hans, og ho fødde han ein son. Men det som David hadde gjort, var vondt i Herrens auge.

## 2. Samuelsbok 12

### Du er mannen

<sup>1</sup>Herren sende Natan til David. Han gjekk fram for kongen og sa: «Det budde to menn i ein by. Den eine var rik og den andre fattig.

<sup>2</sup>Den rike hadde småfe og storfe i mengd.

<sup>3</sup>Den fattige eigde ikkje anna enn eit einaste lite holam som han hadde kjøpt. Han alte det opp, og det voks til saman med borna hans, åt av brødet hans, drakk av begeret hans, låg i fanget hans og var som ei dotter for han.

<sup>4</sup>Ein dag kom det ein ferdamann til den rike. Men han kvidde seg for å ta noko av sitt eige småfe eller storfe og laga til for gjesten. Han tok lammet som den fattige eigde, og laga det til for mannen som var komen.»

<sup>5</sup>Då vart David brennande harm på mannen, og han sa til Natan: «Så sant Herren lever, den mannen som har gjort dette, skal døy!

<sup>6</sup>Og han skal betala firdobbelt for lammet fordi han gjorde dette og var så hjartelaus.»

<sup>7</sup>Då sa Natan til David: «Du er mannen! Så seier Herren, Israels Gud: Eg salva deg til konge over Israel og berga deg frå Sauls hand.

<sup>8</sup>Eg gav deg huset til herren din og konene hans i fanget ditt. Eg gav deg både Israels hus og Judas hus. Og om det var for lite, ville eg ha lagt til både det eine og det andre.

<sup>9</sup>Kvifor har så du forakta Herrens ord og gjort det som vondt er i hans auge? Hetitten Uria har du drepe med sverd. Du lét ammonittane drepa han, og kona hans tok du og gifte deg med.

<sup>10</sup>Frå no skal sverdet aldri vika frå ditt hus, sidan du har forakta meg og teke kona åt hetitten Uria.

<sup>11</sup>Så seier Herren: Sjå, eg lét ulukke koma over deg frå ditt eige hus. Eg vil ta konene dine beint for auga dine og gje dei til ein annan mann. Han skal liggja med dei midt på lyse dagen.

<sup>12</sup>Du gjorde di gjerning i løynd, men eg vil la dette henda for auga på heile Israel midt på lyse dagen.»

<sup>13</sup>Då sa David til Natan: «Eg har synda mot Herren.» Natan svara: «Så har òg Herren teke bort synda di. Du skal ikkje døy.

<sup>14</sup>Men fordi du gjorde dette og forakta Herrens ord, skal han døy, sonen du har fått.»

<sup>15</sup>Så gjekk Natan heim.

### **Sonen til Batseba døyr**

Herren lét alvorleg sjukdom ramma guten som David hadde fått med kona til Uria.

<sup>16</sup>David bad til Gud for guten og fasta strengt. Når han kom heim for å sova, la han seg på jorda.

<sup>17</sup>Dei eldste ved hoffet kom og ville få han til å reisa seg frå jorda, men han nekta og ville heller ikkje eta saman med dei.

<sup>18</sup>Sjuande dagen døydde guten. Men tenarane våga ikkje å fortelja David at guten var død. For dei sa: «Når vi tala til han medan guten enno levde, hørde han ikkje på oss. Korleis skal vi då få sagt han at guten er død? Han kunne gjera noko fælt.»

<sup>19</sup>Men David såg at mennene kviskra seg imellom, og han skjøna at guten var død. Han spurde dei: «Er guten død?» Dei svara: «Ja.»

<sup>20</sup>Då reiste David seg frå bakken. Han vaska og salva seg og skifte klede. Så gjekk han inn i Herrens hus for å tilbe. Då han kom heim att, bad han om mat. Det sette dei fram, og han åt.

<sup>21</sup>Tenarane sa til han: «Korleis er det du ber deg åt? Medan guten enno levde, fasta du og gret. Og no, når han er død, står du opp og et!»

<sup>22</sup>Han svara: «Så lenge guten levde, fasta eg og gret, for eg tenkte: Kven veit om ikkje Herrenmiskunnar seg over meg og lét guten leva?

<sup>23</sup> Men no som han er død, kvifor skulle eg fasta? Kan eg henta han tilbake? Ein gong må eg fara dit han er, men han kjem aldri att til meg.»

### **Salomo blir fødd**

<sup>24</sup> David trøysta Batseba, kona si. Han gjekk inn til henne og låg med henne. Ho fødde ein son som ho kalla Salomo. Herren hadde han kjær.

<sup>25</sup> Han sende bod med profeten Natan om at guten skulle kallast Jedidja – for Herrens skuld.

### **Krig mot ammonittane**

<sup>26</sup> Joab gjekk til åtak på Rabba i Ammon og tok Kongsbyen.

<sup>27</sup> Så sende han bod til David og sa: «Eg har gjort åtak på Rabba og har teke Vassbyen òg.

<sup>28</sup> Kall saman resten av hæren, kringset byen og ta han! Elles kjem eg til å ta byen, og mitt namn blir ropa ut over han.»

<sup>29</sup> Då samla David heile hæren og fór til Rabba. Han gjekk til åtak på byen og tok han.

<sup>30</sup> Han tok krona av hovudet på kongen deira. Ho var av gull og edle steinar og vog ein talent. No kom ho på Davids hovud. Frå byen tok han òg med seg eit stort hærfang.

<sup>31</sup> Folket som budde der, førte han bort. Han sette dei til å arbeida med sager, jernhakker og jernøksar eller ved teglomnane. Slik gjorde David med alle ammonittbyane. Så fór han heim att til Jerusalem med heile hæren.

## **2. Samuelsbok 13**

### **Annon og Tamar**

<sup>1</sup> Ei tid etter hende dette: Absalom, son til David, hadde ei vakker syster som heitte Tamar. Henne hadde Annon, ein annan av sønene til David, vorte glad i.

<sup>2</sup> Annon lengta slik etter Tamar, syster si, at han var reint sjuk. For han såg seg inga råd til å koma nær henne, sidan ho var jomfru.



<sup>3</sup>Men Amnon hadde ein ven som heitte Jonadab. Han var son til Sjima, bror til David. Jonadab var ein svært klok mann.

<sup>4</sup>Han sa til Amnon: «Korleis har det seg, kongsson, at du er så nedfor kvar einaste morgon? Vil du ikkje seia meg det?» Amnon svara: «Eg elsker Tamar, syster til Absalom, bror min.»

<sup>5</sup>Då sa Jonadab til han: «Legg deg sjuk og hald senga! Og når far din kjem og vil sjå om deg, skal du seia til han: Lat Tamar, syster mi, koma og gje meg mat! Ho kan laga han til her medan eg ser på, så eg kan få han av hennar eiga hand.»

<sup>6</sup>Så gjekk Amnon til sengs og lest vera sjuk. Då kongen kom og såg til han, sa Amnon: «Lat Tamar, syster mi, koma og laga eit par hjartekaker medan eg ser på, så kan eg få dei av hennar eiga hand.»

<sup>7</sup>Då sende David bod heim til Tamar: «Gå til huset der Amnon, bror din, bur og lag mat til han!»

<sup>8</sup>Og Tamar gjekk heim til Amnon, bror sin, der han låg til sengs. Ho tok deig, knadde han og stelte til kakene medan han såg på, og ho steikte dei.

<sup>9</sup>Så tok ho panna og tømde dei ut framfor han. Men han ville ikkje eta. Amnon bad alle gå ut. Og då dei hadde gått,

<sup>10</sup>sa han til Tamar: «Kom hit inn i soverommet med maten, så eg kan ta imot han av di eiga hand.» Tamar tok kakene ho hadde laga, og bar dei inn i rommet til Amnon, bror sin.

<sup>11</sup>Men då ho rette dei til han så han kunne eta, tok han fatt i henne og sa: «Kom og ligg med meg, syster!»

<sup>12</sup>Men ho svara: «Nei, bror! Krenk meg ikkje! Slikt gjer ein ikkje i Israel. Gjer ikkje ei slik skammeleg handling!

<sup>13</sup>Kvar skulle vel eg gjera av meg med skamma mi? Og du, du vil bli rekna mellom dei skamlause i Israel. Tal heller med kongen, for han vil nok ikkje nekta deg å få meg.»

<sup>14</sup>Men han ville ikkje høyra på henne. Han tok henne med makt, krenkte henne og låg med henne.

<sup>15</sup>Då vart Amnon fylt av eit brennande hat til henne. Han hata henne meir enn han før hadde elska henne. Han sa til henne: «Reis deg og gå din veg!»

<sup>16</sup>Ho svara: «Nei, bror! Sender du meg bort, vil det vera ei endå større ugjerning enn den første du gjorde mot meg.» Men han ville ikkje høyra på henne.

<sup>17</sup>Han ropa på tenesteguten sin og sa: «Få henne ut herifrå og steng døra etter henne!»

<sup>18</sup>Tamar hadde på seg ein forseggjord kjole, for slik gjekk kongsdøtrene kledde så lenge dei var jomfruer. Tenaren viste henne ut or huset og stengde døra etter henne.

<sup>19</sup>Tamar strødde støv på hovudet, reiv sund den fine kjolen ho hadde på seg, og med handa på hovudet gjekk ho skrikande bort.

<sup>20</sup>Då sa Absalom, bror hennar, til henne: «Har Amnon, bror din, vore saman med deg? Tei no stilt, syster, han er bror din. Ta deg ikkje nær av dette!» Så vart Tamar sitjande einsam og forlaten heime hos Absalom, bror sin.

<sup>21</sup>Då David fekk høyra om dette, vart han brennande harm.

<sup>22</sup>Sidan sa ikkje Absalom eit ord til Amnon, korkje godt eller vondt. Han hata Amnon fordi han hadde krenkt Tamar, syster hans.

### **Absalom tek hemn**

<sup>23</sup>To år etter hadde Absalom saueklipping i Baal-Hasor, som ligg nær Efraim, og han bad alle kongssønene til seg.

<sup>24</sup>Han gjekk til kongen og sa: «No skal tenaren din klippe sauene. Vil ikkje du, konge, og tenarane dine gjera vel og vera med?»

<sup>25</sup>Men kongen svara: «Nei, son min. Vi vil ikkje koma alle. Vi kunne vera til bry for deg.» Absalom prøvde å overtala han. Kongen ville ikkje koma, men velsigna han.

<sup>26</sup>Då sa Absalom: «Om ikkje du vil, så lat då Amnon, bror min, få vera med.»  
Kongen spurde: «Kvifor skal han vera med?»

<sup>27</sup> Men Absalom overtala han til å la både Amnon og alle dei andre kongssønene vera med han.

<sup>28</sup> Og Absalom gav dei unge mennene sine denne ordren: «Pass på når Amnon har vorte lystig av vinen. Då skal eg seia til dykk: Hogg Amnon ned! Så drep de han. Ver ikkje redde! Det er eg som har gjeve dykk dette påbodet. Ver sterke og modige!»

<sup>29</sup> Mennene gjorde med Amnon som Absalom hadde sagt. Då sprang alle dei andre kongssønene opp, kasta seg på muldyra sine og rømde.

<sup>30</sup> Medan dei endå var på vegen, hørde David rykte om at Absalom hadde hogge ned alle kongssønene, og at ikkje ein av dei var att.

<sup>31</sup> Då reiste kongen seg, reiv sund kleda sine og kasta seg mot jorda. Og alle tenarane stod der med sundrivne klede.

<sup>32</sup> Men Jonadab, son til Sjima og brorson til David, tok til orde og sa: «Du må ikkje tru at dei har drepe alle dei unge kongssønene, herre. Det er berre Amnon som er død. Dette har Absalom planlagt heilt frå den dagen Amnon krenkte Tamar, syster hans.

<sup>33</sup> Bry deg ikkje om det når dei no seier at alle kongssønene er døde. For det er berre Amnon som er død.»

<sup>34</sup> I mellomtida hadde Absalom rømt. Då vaktmannen såg opp, fekk han auge på ei mengd med folk som kom farande på vegen bak han, langsmed fjellet.

<sup>35</sup> Då sa Jonadab til kongen: «Sjå, der kjem kongssønene! Det gjekk som tenaren din sa.»

<sup>36</sup> Ikkje før hadde han sagt det, så kom kongssønene. Dei gret høgt, og kongen og alle tenarane sette òg i og gret.

<sup>37</sup> Absalom flykta og fór til Talmai, son til Ammihur, kongen i Gesjur. Og David sørgde over sonen sin dag og natt.

## David tek Absalom til nåde

<sup>38</sup>Absalom rømde og fór til Gesjur. Der vart han verande i tre år.

<sup>39</sup>Etter kvart heldt kongen opp å bera agg til Absalom. For han var komen over at Amnon var død.

### 2. Samuelsbok 14

<sup>1</sup>Joab, son til Seruja, skjøna at kongen lengta etter Absalom.

<sup>2</sup>Han sende bod etter ei klok kvinne frå Tekoa og sa til henne: «Lat som om du sørgjer! Kled deg i sørgjeklede og salv deg ikkje med olje! Ber deg åt som ei kvinne som i lang tid sørgjer over ein som er død.

<sup>3</sup>Gå så til kongen og sei dette til han!» Så fortalde Joab henne kva ho skulle seia.

<sup>4</sup>Kvinna frå Tekoa gjekk til kongen, kasta seg ned for han med andletet mot jorda og sa: «Hjelp meg, konge!»

<sup>5</sup>«Kva er i vegen med deg?» spurde kongen. Ho svara: «Å! Eg er enkje. Mannen min er død.

<sup>6</sup>Tenestekvinna di hadde to søner. Dei kom i trette med kvarandre utpå marka, og det var ingen der til å skilja dei. Då slo den eine til den andre og drap han.

<sup>7</sup>No har heile slekta reist seg mot tenestekvinna di. Dei seier: Kom hit med han som drap bror sin! Vi vil ta livet av han fordi han slo broren i hel; så får vi med det same rydda arvingen av vegen. – Slik kjem dei til å sløkkja den siste gneisten eg har att, og ta frå mannen min både namn og etterkomarar på jorda.»

<sup>8</sup>Då sa kongen til kvinna: «Gå heim att! Eg skal ta meg av saka for deg.»

<sup>9</sup>Men kvinna frå Tekoa svara: «Min herre konge, eg og mitt hus skal bera skulda. Kongen og trona skal vera skuldfrie.»

<sup>10</sup>Kongen sa: «Er det nokon som seier noko til deg, så før han hit! Han skal ikkje plaga deg meir.»

**11** Då sa ho: «Måtte kongen hugsa på Herren din Gud, så ikkje blodhemnaren valdar endå meir ulukke og sonen min blir drepen.» Kongen svara: «Så sant Herren lever, ikkje eit hår skal bli rørt på hovudet til sonen din.»

**12**Då sa kvinna: «Lat tenestekvinna di få seia endå eit ord til min herre kongen.» «Ja», svara han.

**13**Kvinna sa: «Korleis kunne du då tenkja ut ei slik ulukke mot Guds folk? For med det kongen no sa, har han gjort seg sjølv skuldig, sidan kongen ikkje lèt han som er bortstøytt, koma tilbake.

**14** Sanneleg, vi må alle døy. Vi er som vatn som er utrent på jorda og ikkje kan ausast opp att. Men Gud vil ikkje ta liv. Hans vilje er at den som er bortstøytt frå han, ikkje skal vera det lenger.

**15**Eg kjem og legg denne saka fram for min herre kongen. For folket skremde meg, og då tenkte eg: Tenestekvinna di vil gå og tala med kongen. Kanskje gjer kongen det tenestekvinna hans bed han om.

**16**Kongen vil nok høyra på tenestekvinna si og berga henne frå den mannen som vil utrydda både meg og sonen min frå Guds eigedom.

**17** Tenestekvinna di tenkte at eit ord frå min herre kongen ville vera meg til trøyst. For min herre kongen er lik ein Guds engel som skil mellom godt og vondt. Måtte Herren din Gud vera med deg!»

**18**Kongen sa då til kvinna: «Svar meg sant på det som eg no vil spørja deg om!» «Tal, herre konge!» sa ho.

**19**Kongen spurde: «Har Joab hatt ei hand med i alt dette?» Kvinna svara: «Så sant du lever, herre konge: Ingen kan koma bort frå at det er slik min herre kongen seier. Det var Joab, tenaren din, som baud meg gjera dette, og som sjølv la alle desse orda i munnen på tenestekvinna di.

**20** Dette gjorde Joab, tenaren din, for å gje saka ei ny vending. Men min herre er vis som ein Guds engel og veit alt som hender på jorda.»

<sup>21</sup>Så sa kongen til Joab: «Saka er avgjord! Eg skal gjera dette. Far i veg og hent den unge guten, Absalom.»

<sup>22</sup>Då kasta Joab seg ned med andletet mot jorda, velsigna kongen og sa: «I dag skjønar tenaren din at du ser på meg med velvilje, herre konge, sidan du gjer som eg bad deg om.»

<sup>23</sup>Og Joab drog straks av stad til Gesjur og henta Absalom til Jerusalem.

<sup>24</sup>Men kongen sa: «Han kan gå heim til sitt eige hus; eg vil ikkje sjå han for auga mine.» Absalom gjekk då heim til huset sitt og viste seg ikkje for kongen.

<sup>25</sup> Så vakker ein mann som Absalom fanst ikkje i heile Israel. Ingen var lovprisa som han. Frå hovud til hæl fanst det ikkje feil ved han.

<sup>26</sup>Ein gong i året vart håret hans så tungt at han måtte klippa det av. Og når han hadde gjort det, vog det to hundre sjekel etter kongens vekt.

<sup>27</sup>Absalom fekk tre søner og ei dotter. Ho heitte Tamar og var ei vakker kvinne.

<sup>28</sup>Absalom budde i Jerusalem i to år utan å visa seg for kongen.

<sup>29</sup>Då sende han bod til Joab og bad han gå til kongen, men Joab ville ikkje koma. Han sende bod endå ein gong, men Joab ville ikkje koma då heller.

<sup>30</sup> Då sa Absalom til tenarane sine: «De veit at Joab har ein åkerteig rett ved sida av min. Der har han bygg. Gå og set eld på den åkeren!» Så sette tenarane til Absalom eld på åkeren.

<sup>31</sup>Då stod Joab opp, gjekk heim til Absalom og spurde han: «Kvifor har tenarane dine svidd av åkeren min?»

<sup>32</sup>Absalom svara: «Eg sende bod til deg og bad deg koma hit. Eg ville få deg til å gå til kongen og spørja: Kvifor skulle eg koma heim frå Gesjur? Det hadde vore betre for meg om eg var der enno. No vil eg gå fram for kongen. Om eg er skuldig, får han heller drepa meg.»

<sup>33</sup>Joab gjekk til kongen og sa dette til han. Då kalla David Absalom til seg. Han kom inn og kasta seg ned for kongen med andletet mot jorda, og kongen kyste han.

## 2. Samuelsbok 15

### Absalom gjer opprør

<sup>1</sup>Ei tid etter fekk Absalom seg vogn og hestar og femti mann som sprang føre han.

<sup>2</sup>Om morgonen gjekk han ofte tidleg ut og stod attmed vegen til porten. Og kvar gong det kom ein mann som hadde ei sak han ville leggja fram for kongen og få dom i, ropa Absalom på han og spurde: «Kva by er du frå?» Når mannen så svara: Tenaren din er frå den eller hin av Israel-stammane,

<sup>3</sup>sa Absalom til han: «Saka di er både god og rett, men hos kongen finst det ingen som høyrer på deg.»

<sup>4</sup>Og så sa han: «Gjev dei ville setja meg til dommar i landet! Då kunne alle som hadde ei trette eller ei sak, koma til meg, og eg skulle hjelpa dei til å få sin rett.»

<sup>5</sup>Når nokon kom bort og ville kasta seg ned for han, rette han ut handa, reiste han opp og kyste han.

<sup>6</sup>Slik gjorde Absalom med alle israelittar som kom til kongen og ville få dom i ei sak, og på den måten stal han hjartet til israelittane.

<sup>7</sup>Då fire år var lidne, sa Absalom til kongen: «Lat meg få fara til Hebron og halda den lovnaden eg har gjeve Herren!

<sup>8</sup>For då eg budde i Gesjur i Aram, gav tenaren din denne lovnaden: Fører Herren meg heim att til Jerusalem, vil eg ofra til han.»

<sup>9</sup>Kongen svara: «Far i fred!» Og Absalom fór straks til Hebron.

<sup>10</sup>Samstundes sende han i løynd folk rundt til alle Israel-stammane med det bodet: «Når de høyrer hornet ljoma, skal de ropa: Absalom har vorte konge i Hebron!»

**11**To hundre mann tok ut frå Jerusalem saman med Absalom. Dei var kalla ut og gjekk i god tru utan å ana uråd.

**12** Medan Absalom bar fram slaktoffera, sende han bod etter Ahitofel frå Gilo, rådgjevaren til David, som var i heimbyen sin. Samansverjinga auka i styrke, og det samla seg meir og meir folk om Absalom.

### **David rømmer frå Jerusalem**

**13**Det kom ein bodberar til David og sa: «Kvar mann i Israel har vendt hjartet sitt til Absalom.»

**14** Då sa David til alle dei mennene han hadde hos seg i Jerusalem: «Kom, lat oss rømme! På annan måte kan vi ikkje sleppa unna Absalom. Skund dykk av stad! Elles skundar han seg og når oss att. Så fører han ulukke over oss og slår byen med sverd.»

**15**Kongsmennene svara: «Tenarane dine vil gjera alt vår herre kongen ønskjer.»

**16** Så tok kongen ut til fots med heile sitt hus. Berre ti følgjekoner lét han vera att for å sjå etter kongeborga.

**17**Kongen og heile hæren tok ut til fots. Dei stogga ved det siste huset.

**18** Alle kongsmennene gjekk forbi han. Alle kretarane og pletarane og alle dei seks hundre mennene som hadde følgd han frå Gat, gjekk forbi framfor kongen.

**19**Då sa kongen til Ittai frå Gat: «Kvifor går du òg med oss? Vend attende og ver hos den nye kongen! For du er ein framand her og ein som sjølv er driven i eksil frå heimstaden din.

**20**Du kom i går, og så skulle eg alt i dag la deg flakka ikring saman med oss? Eg veit ikkje sjølv kvar eg skal gå. Snu om, og ta landsmennene dine med deg tilbake. Gjev Herren må vera god og trufast mot dykk!»

**21** Men Ittai svara kongen: «Så sant Herrenlever, og min herre kongen lever, der min herre kongen er, der vil tenaren din òg vera, anten det ber til liv eller død.»



- <sup>22</sup>Då sa David til Ittai: «Så gå forbi, du òg!» Og Ittai frå Gat gjekk forbi med alle mennene sine og alle kvinnene og borna deira.
- <sup>23</sup>Alle gret høgt då hæren gjekk forbi. Kongen kryssa Kedron-bekken, og heile hæren gjekk forbi og tok vegen mot ørkenen.
- <sup>24</sup>No kom Sadok òg med alle levittane som bar Guds paktkiste. Dei sette kista ned, og Abjatar bar fram offer heilt til heile hæren hadde fare ut av byen.
- <sup>25</sup>Kongen sa til Sadok: «Før Guds paktkiste tilbake til byen. Finn eg nåde for Herrens auge, lèt han meg koma tilbake, så eg får sjå att både paktkista og staden der ho står.
- <sup>26</sup> Men seier han: Eg har ikkje hugnad i deg, då får han gjera med meg som han synest best.»
- <sup>27</sup>Så sa kongen til presten Sadok: «Skjønar du? Vend attende til byen i fred. Du og Ahimaas, son din, og Jonatan, son til Abjatar, skal vera med dykk.
- <sup>28</sup> Eg skal venta attmed vadestadene i ørkenen til det kjem melding frå dykk.»
- <sup>29</sup>Då førte Sadok og Abjatar Guds paktkiste tilbake til Jerusalem, og der vart dei verande.
- <sup>30</sup> David gjekk gråtande oppover Oljeberget, berrføtt og med tildekt hovud. Alle som var med han, hadde òg dekt hovudet og gjekk gråtande oppover.
- <sup>31</sup> David fekk høyra at Ahitofel var mellom dei som hadde svore seg saman med Absalom, og han bad: «Herre, gjer Ahitofels råd til skamme!»
- <sup>32</sup>Då David kom opp på berget der ein plar tilbe Gud, kom arkitten Husjai imot han med sundriven kjortel og mold på hovudet.
- <sup>33</sup>David sa til han: «Fer du saman med meg, blir du berre til bry for meg.
- <sup>34</sup>Men går du tilbake til byen, kan du hindra Ahitofels planar for meg. Sei til Absalom: Eg vil vera din tenar, konge! Før har eg tent far din, no vil eg tena deg.
- <sup>35</sup>Der har du òg prestane Sadok og Abjatar med deg. Alt du får høyra frå kongens hus, skal du melda til dei.

<sup>36</sup>Begge sønene deira, Ahimaas, son til Sadok, og Jonatan, son til Abjatar, er der saman med dei. Med dei skal de senda bod til meg om alt de får høyra.»

<sup>37</sup>Så kom Husjai, Davids ven, til Jerusalem på same tid som Absalom drog inn i byen.

## 2. Samuelsbok 16

<sup>1</sup>David hadde så vidt runda åsryggen då Siba, som var tenestemann hos Mefibosjet, kom imot han med eit par kløvesel. Dei var lasta med to hundre brød, hundre rosinkaker, hundre stykke sommarfrukt og ein skinnsekk med vin.

<sup>2</sup>Kongen sa til Siba: «Kva har du der?» Siba svara: «Esla skal kongefamilien ha til å ri på, brødet og frukta skal vera til mat for dei unge mennene, og vinen skal dei drikka, dei som går seg trøytt i ørkenen.»

<sup>3</sup> Kongen spurde: «Men kvar er son til herren din?» Siba svara: «Han er framleis i Jerusalem. Han seier: I dag vil israelittane gje meg att kongedømet til far min.»

<sup>4</sup>Då sa kongen til Siba: «Alt det Mefibosjet eig, skal vera ditt.» Siba svara: «Eg bøyer meg djupt! Måtte eg alltid ha din velvilje, min herre konge!»

### David og Sjimi

<sup>5</sup> Då kong David nådde fram til Bahurim, kom det ein mann ut av byen. Mannen var i slekt med Saul. Han heitte Sjimi og var son til Gera. Medan han gjekk, forbanna han David.

<sup>6</sup>Og han kasta stein både etter kongen og alle mennene hans, endå heile hæren og alle krigsheltane gjekk med han, somme på høgre og somme på venstre sida.

<sup>7</sup> Sjimi forbanna han og ropa: «Bort med deg! Bort med deg, din mordar, du vonde menneske!

<sup>8</sup>No gjev Herren deg att for alt blodet i Sauls hus. Du tok kongedømet frå han, men Herren har gjeve det til Absalom, son din. No har ulukka ramma deg, din mordar!»

<sup>9</sup>Då sa Abisjai, son til Seruja, til kongen: «Kvifor skal denne daude hunden forbanna min herre kongen? Lat meg få gå bort og hogga hovudet av han.»

<sup>10</sup>Men kongen svara: «Kva har de med dette å gjera, Seruja-søner? Når han forbannar, er det fordi Herren har sagt til han: Forbann David! Kven kan då spørja: Kvifor gjer du det?»

<sup>11</sup>Og David sa til Abisjai og alle tenarane sine: «Når min son, mitt eige kjøt og blod, står meg etter livet, kan ein då venta anna av denne benjaminitten? Lat han berre forbanna når Herren har sagt at han det skal.

<sup>12</sup>Kanskje Herren ser til meg i mi naud og vender forbanninga denne dagen til noko godt.»

<sup>13</sup>Så gjekk David og mennene hans fram etter vegen, medan Sjimi gjekk jamsides med han oppi fjellsida. Han forbanna David og kasta stein og jord etter han.

<sup>14</sup>Kongen og alle som var med han, kom trøytt fram til Jordan, og dei kvilte seg der.

### Absalom i Jerusalem

<sup>15</sup>I mellomtida var Absalom og heile hæren av israelittar komne til Jerusalem. Ahitofel var òg med.

<sup>16</sup>No kom arkitten Husjai, venen til David, til Absalom og ropa: «Leve kongen! Leve kongen!»

<sup>17</sup>Absalom sa til Husjai: «Er det slik du gjer godt mot venen din? Kvifor følgde du ikkje venen din?»

<sup>18</sup>Husjai svara: «Nei, den som Herren sjølv og dette folket og alle menn i Israel har valt, hans mann vil eg vera, og hos han vil eg halda meg.

<sup>19</sup>Dessutan, kven er det eg går i teneste hos? Er det ikkje hos son hans? Som eg har tent far din, så vil eg tena deg òg.»

<sup>20</sup>Då sa Absalom til Ahitofel: «No må de gje meg eit råd! Kva skal vi gjera?»

<sup>21</sup> Ahitofel svara: «Gå inn til følgjekonene til far din, dei han lét vera att her for å sjå etter huset. Når så heile Israel får høyra at du har gjort deg hata av far din, får dei mot, alle som følgjer deg.»

<sup>22</sup> Då sette dei opp eit telt på taket for Absalom, og han gjekk inn til følgjekonene til far sin så heile Israel såg det.

<sup>23</sup> På den tid var eit råd frå Ahitofel som eit svar frå Gud. Så høgt sette dei Ahitofels råd, både David og Absalom.

## 2. Samuelsbok 17

<sup>1</sup> Sidan sa Ahitofel til Absalom: «Lat meg få velja ut tolv tusen mann! Eg vil ta i veg og setja etter David i natt.

<sup>2</sup> Så kjem eg over han medan han er trøytt og motlaus, og set støkk i han. Då kjem heile hæren som er hos han, til å rømme. Det er berre kongen eg vil drepa.

<sup>3</sup> Sidan fører eg heile hæren tilbake til deg som når ei brur blir ført til brudgomen sin. Det er då berre éin mann du er ute etter; resten av hæren får vera uskadd.»

<sup>4</sup> Både Absalom og alle dei eldste i Israel tykte dette var eit godt råd.

<sup>5</sup> Men Absalom sa: «Send bod etter arkitten Husjai, så vi får høyra kva han òg har å seia.»

<sup>6</sup> Då Husjai kom, fortalde Absalom kva Ahitofel hadde sagt, og spurde: «Skal vi gjera som han seier eller ikkje? Sei kva du meiner!»

<sup>7</sup> Husjai svara: «Det er ikkje noko godt råd Ahitofel har gjeve denne gongen.»

<sup>8</sup> Han heldt fram: «Du veit at far din og mennene hans er modige krigarar. Dei rasar som ei binne i skogen når ein har teke ungene frå henne. Far din er ein røynd krigar. Han legg seg ikkje til å sova saman med hæren.

<sup>9</sup> No held han seg nok gøymd i ei hòle eller ein annan stad. Om nokon av våre fell i det første åtakket, kjem det til å gå rykte om at det har vore eit stort mannefall mellom dei som følgjer Absalom.

<sup>10</sup>Sjølvs ein krigar med hjarte som ei løve vil mista motet, for heile Israel veit at far din er ein helt, og at det er modige menn som er med han.

<sup>11</sup>Difor gjev eg dette rådet: Lat heile Israel, frå Dan til Beer-Sjeba, samla seg om deg, talrikt som sanden utmed havet. Dra sjølv med dei i kamp!

<sup>12</sup>Når vi så kjem over han einkvan staden der han held til, kastar vi oss over han som når dogga fell på marka. Ingen skal overleva, korkje han sjølv eller nokon av mennene som er med han.

<sup>13</sup>Og trekkjer han seg tilbake til ein by, skal heile Israel slå reip om byen og dra han ned i elveleiet, så det ikkje finst ein småstein att der han stod.»

<sup>14</sup> Då sa Absalom og alle israelittane: «Rådet frå arkitten Husjai er betre enn rådet frå Ahitofel.» Men det var Herren som hadde laga det så at det gode rådet frå Ahitofel ikkje vart følgt. For Herren ville føra ulukke over Absalom.

### David slepp unna Absalom

<sup>15</sup>Så sa Husjai til Sadok og Abjatar, prestane, kva Ahitofel hadde rådd Absalom og dei eldste i Israel til å gjera, og kva råd han sjølv hadde gjeve.

<sup>16</sup>«Skund dykk, send bod til David!» sa han. «Gjev han melding om dette og sei at han ikkje må vera natta over ved vadestadene i ørkenen, men setja over elva straks! Elles er det ute både med kongen og alle dei som følgjer han.»

<sup>17</sup> Jonatan og Ahimaas heldt seg ved Rogel-kjelda. Ei tenestejente kom ofte med bod til dei, og så bar dei bodet til kong David. For dei våga ikkje å gå inn i byen og visa seg der.

<sup>18</sup>Men denne gongen var det ein unggut som fekk auge på dei, og han sa det til Absalom. Då skunda dei seg av stad, begge to, og dei kom til Bahurim. Der gjekk dei inn på garden til ein mann som hadde ein brønn i tunet, og den klatra dei nedi.

<sup>19</sup> Kona i huset tok eit teppe og breidde over brønnopninga. Ho strødde korn oppå, så ingen kunne merka noko.

<sup>20</sup>Då så mennene til Absalom kom inn i huset til kona og spurde etter Ahimaas og Jonatan, svارا ho: «Dei gjekk over bekken.» Så leita mennene, men fann dei ikkje og fór attende til Jerusalem.

<sup>21</sup>Så snart dei var gått, kom Jonatan og Ahimaas opp or brønnen. Dei gjekk til kong David med bodet og sa: «Ta ut og set fort over elva!» Så fortalde dei kva råd Ahitofel hadde gjeve.

<sup>22</sup>David og alle som var med han, braut då opp og sette over Jordan. Som dagen rann, sakna dei ikkje ein einaste mann; alle hadde kome seg over elva.

<sup>23</sup>Då Ahitofel såg at rådet hans ikkje vart følgt, sala han eselet sitt og reid heim til sin eigen by. Han ordna med alt i huset sitt, og så hengde han seg. Slik døydde Ahitofel, og han vart gravlagd i grava til far sin.

### David i Mahanajim

<sup>24</sup>David var komen til Mahanajim då Absalom sette over Jordan med alle israelittane.

<sup>25</sup>Absalom hadde gjort Amasa til hærførar i staden for Joab. Amasa var son til ein ismaelitt som heitte Jitra og var gift med Abigal, dotter til Nahasj og syster til Seruja, mor til Joab.

<sup>26</sup>Israelittane og Absalom slo leir i Gilead.

<sup>27</sup> Med det same David nådde fram til Mahanajim, kom Sjobi, son til Nahasj frå Rabba i Ammon, og Makir, son til Ammiel frå Lo-Debar, og Barsillai frå Rogelim i Gilead.

<sup>28</sup>Dei kom med sengeutstyr, skåler og kar, og dei hadde med seg kveite, bygg, mjøl, steikt korn, bønner, linser,

<sup>29</sup>honning, smør, sauekjøt og ost av kumjøl. Det sette dei fram for David og folket som var med han, så dei fekk eta. For dei tenkte at mennene hadde vorte både svoltne, trøytt og tørste i øydemarka.

## 2. Samuelsbok 18

### Absalom blir drepen

<sup>1</sup>David mønstra hæren som var med han, og sette førarar over han, nokre for tusen og nokre for hundre mann.

<sup>2</sup>Så sende han hæren av stad, ein tredjepart under Joab, ein tredjepart under Abisjai, son til Seruja og bror til Joab, og ein tredjepart under Ittai frå Gat. Kongen sa til mennene: «Eg vil sjølv dra ut i striden saman med dykk.»

<sup>3</sup>Men dei svara: «Dra ikkje ut! For om vi rømmer, er det ingen som bryr seg om det, og om halvparten av oss fell, så ansar ingen det. Men du er jamgod med ti tusen av oss. Difor er det betre at du held deg i byen og kjem oss til hjelp derifrå.»

<sup>4</sup>Då sa kongen til dei: «Eg skal gjera som de ønskjer.» Så gjekk kongen ut og stod attmed byporten medan heile hæren drog av stad i avdelingar på hundre og tusen mann.

<sup>5</sup>Men kongen sa til Joab, Abisjai og Ittai at dei skulle fara varsamt fram med den unge Absalom. Heile hæren hørde at kongen gav alle hærførarane dette påbodet om Absalom.

<sup>6</sup>Så drog hæren ut i open mark mot israelittane, og slaget stod i Efraim-skogen.

<sup>7</sup>Der tapte israelittane for Davids menn, og det vart eit stort mannefall den dagen, tjue tusen mann i alt.

<sup>8</sup>Striden spreidde seg over heile landet der ikring, og skogen øydde meir folk enn sverdet den dagen.

<sup>9</sup>Det bar så til at Absalom vart oppdaga av mennene til David. Han hadde kome ridande på muldyret sitt, og muldyret hadde kome inn under dei tette greinene på ei stor eik. Hovudet hans sette seg fast i eika, og han vart hangande mellom himmel og jord. For muldyret han sat på, sprang vidare.

<sup>10</sup>Det fekk ein mann sjå, og han sa frå til Joab: «Eg såg Absalom hanga i ei eik.»

<sup>11</sup>Då sa Joab til mannen som kom med meldinga: «Når du såg det, kvifor slo du han då ikkje til jorda på flekken? Så skulle eg ha gjeve deg ti sjekel sølv og eit belte.»

<sup>12</sup>Mannen svara: «Om eg så fekk tusen sjekel sølv vege opp i neven, ville eg ikkje lyfta handa mot son til kongen. Vi høyrde alle bodet kongen gav deg og Abisjai og Ittai: Pass på at ingen gjer den unge Absalom noko!

<sup>13</sup>Men hadde eg fare fram med denne ugjerninga, så hadde ho ikkje vorte løynd for kongen, og du hadde nok halde deg unna.»

<sup>14</sup>Då sa Joab: «Eg kan ikkje stå her og venta på deg.» Så tok han tre spyd i handa og rende dei i brystet på Absalom medan han endå hang levande mellom greinene på eika.

<sup>15</sup>Og ti unge menn, våpenberarane til Joab, omringa Absalom og slo han i hel.

<sup>16</sup>Då bles Joab i hornet, og folket heldt opp med å forfølgja israelittane; for Joab stoppa dei.

<sup>17</sup> Så tok dei Absalom og kasta han ned i ei djup hòle i skogen og hauga opp ei stor steinrøys over han. Og alle israelittane rømde heim, kvar til sitt.

<sup>18</sup> Medan Absalom levde, hadde han reist seg ein stein i Kongsdalen. «For eg har ingen son som kan halda oppe minnet om namnet mitt», sa han. Difor gav han steinen namn etter seg, og Absaloms minnestein heiter steinen den dag i dag.

### **David får høyra at Absalom er død**

<sup>19</sup>Ahimaas, son til Sadok, sa til Joab: «Lat meg få springa til kongen med den gode budskapet at Herren har hjelpt han til hans rett og fria han frå fiendane.»

<sup>20</sup>Men Joab svara: «Nei, i dag kan du ikkje bera gledebod. Ein annan gong kan du gå med gledebod, men ikkje i dag; for son til kongen er død.»

<sup>21</sup>Så sa Joab til ein mann frå Kusj: «Gå og fortel kongen det du har sett!» Kusjitten bøygde seg for Joab, og så sprang han av stad.



<sup>22</sup>Men Ahimaas, son til Sadok, tok til orde att og sa til Joab: «Det får gå som det vil, men lat meg få springa av stad etter kusjitten!» Joab svara: «Kvifor vil du det, guten min? Dette er då ikkje noko gledebod som du kan venta løn for.»

<sup>23</sup>Han sa: «Det får gå som det vil; eg spring av stad.» «Så spring då!» sa Joab. Så sprang Ahimaas den vegen som går over Jordan-sletta og kom føre kusjitten.

<sup>24</sup>Imedan sat David i portrommet. Vaktmannen på taket av porten gjekk over til bymuren. Der såg han utover og fekk auge på ein mann som kom springande åleine.

<sup>25</sup>Vaktmannen ropa ned til kongen og sa frå om det. Kongen sa: «Er han åleine, kjem han med god budskap.» Mannen kom nærare og nærare.

<sup>26</sup>Då fekk vaktmannen sjå ein annan mann som kom springande, og han ropa ned til portvakta: «Sjå, der kjem endå ein springande åleine!» Kongen sa: «Han òg kjem med god budskap.»

<sup>27</sup>Då sa vaktmannen: «Eg tykkjer den første spring så likt Ahimaas, son til Sadok.» Kongen svara: «Han er ein god mann og kjem nok med gledebod.»

<sup>28</sup>Ahimaas ropa til kongen: «Ver helsa!» Så kasta han seg ned for kongen med andletet mot jorda og sa: «Velsigna er Herren din Gud, som har late deg vinna over dei mennene som lyfte si hand mot deg, herre konge.»

<sup>29</sup>Kongen spurde: «Står det bra til med den unge Absalom?» Ahimaas svara: «Eg såg at det var stort oppstyr då Joab sende kongstenaren og meg av stad; men eg veit ikkje kva det var.»

<sup>30</sup>Kongen sa: «Gå til sides og vent der!» Så gjekk han til sides og vart ståande.

<sup>31</sup>Med det same kom kusjitten og sa: «Her er ein god budskap, herre konge! I dag har Herren hjelpt deg til din rett og fria deg frå alle dei som hadde reist seg mot deg.»

<sup>32</sup>Kongen spurde: «Står det bra til med den unge Absalom?» Kusjitten svara: «Herre konge, gjev det må gå fiendane dine og alle som reiser seg mot deg og vil skada deg, som det gjekk den unge mannen!»

<sup>33</sup>Då vart kongen oppskaka. Han gjekk opp i rommet over porten og gret. Medan han gjekk, ropa han: «Absalom, son min, Absalom, son min, son min! Gjev eg hadde døydd i din stad! Absalom, son min, son min!»

## 2. Samuelsbok 19

<sup>1</sup>Joab fekk melding om at kongen gret og sørgde over Absalom.

<sup>2</sup>Den dagen vart sigersgleda til sorg for heile folket; for dei òg fekk snart vita at kongen sørgde over sonen sin.

<sup>3</sup>Den dagen sneik mennene seg inn i byen slik folk snik seg bort i skam fordi dei har rømt frå krigen.

<sup>4</sup>Kongen heldt kappa for andletet og ropa høgt: «Absalom, son min! Absalom, son min, son min!»

<sup>5</sup>Då gjekk Joab inn i huset til kongen og sa til han: «I dag har du ført skam over alle mennene dine, dei som i dag har berga både livet ditt og livet til sønene og døtrene, konene og følgjekonene dine.

<sup>6</sup>Du elsker dei som hatar deg, og hatar dei som elsker deg. For i dag har du vist at du ikkje bryr deg om førarane eller stridsmennene dine. Eg skjønar no at om Absalom hadde levd i dag og alle vi andre var døde, så hadde du tykt det var som det skulle vera.

<sup>7</sup>Stå no opp og gå ut og tal venleg til mennene dine! For eg sver ved Herren at går du ikkje ut, kjem ikkje ein mann til å bli verande hos deg natta over. Og det ville vera ei større ulukke for deg enn alle dei andre ulukkene som har kome over deg frå du var ung og til no.»

<sup>8</sup>Då reiste kongen seg og sette seg i porten. Alt folket fekk vita at kongen sat i porten, og dei kom og gjekk fram for han.

### David kjem tilbake til Jerusalem

Israelittane hadde rømt, kvar til sitt.

<sup>9</sup>Då tok folket i alle Israel-stammene til å gå i rette med kvarandre. Dei sa: «Det var kongen som berga oss frå fiendane våre og fria oss frå filistarhand. No har han rømt landet for Absalom.

<sup>10</sup>Men Absalom, som vi salva til konge over oss, er fallen i krigen. Kvifor gjer de då ingenting for å henta kongen heim att?»

<sup>11</sup>Kong David fekk vita kva alle israelittane tala om. Då sende han bod til prestane Sadok og Abjatar med desse orda: «Tal til dei eldste i Juda og sei: Kvifor skal de vera dei siste til å henta kongen heim att?

<sup>12</sup>De er då brørne mine, av same kjøt og bein som eg. Kvifor skal de vera dei siste til å henta kongen heim att?

<sup>13</sup>Og til Amasa skal de seia: Er ikkje du av same bein og kjøt som eg? Gud la det gå meg ille både no og sidan om ikkje du heretter skal vera min hærførar i staden for Joab.»

<sup>14</sup>Slik vann han hjartet til judearane, alle som ein. Dei sende bod til kongen og sa: «Kom att, både du og alle mennene dine!»

### **Sjimi møter David**

<sup>15</sup>Så gav kongen seg på heimveg, og han kom til Jordan. Judearane var alt komne til Gilgal for å ta imot han og føra han over Jordan.

<sup>16</sup>Sjimi, son til Gera, som hørde til Benjamin-stammen og var frå Bahurim, skunda seg nedover saman med judearane for å møte kong David.

<sup>17</sup>Han hadde med seg tusen mann frå Benjamin. Siba, som var i teneste i Sauls hus, kom med dei femten sønene og tjue tenarane sine. Dei hadde skunda seg til Jordan før kongen kom dit.

<sup>18</sup>No sette dei over vadestaden for å hjelpa kongefamilien over og stå til teneste for dei. Med det same kongen skulle fara over Jordan, fall Sjimi, son til Gera, ned for han

<sup>19</sup> og sa: «Herre, krev meg ikkje til rekneskap! Gløym, herre konge, det vonde tenaren din gjorde den dagen du drog bort frå Jerusalem. Tenk ikkje meir på det, konge!

<sup>20</sup> For eg, tenaren din, veit at eg har synda. Men i dag er eg den første av Josefs hus som kjem ned for å møta deg, herre konge.»

<sup>21</sup>Då tok Abisjai, son til Seruja, til orde og sa: «Må ikkje Sjimi lata livet, han som har forbanna Herrens salva?»

<sup>22</sup>Men David svara: «Kva har eg med dykk å gjera, Seruja-søner. Kvifor er de imot meg i dag? I dag skal ingen mann mista livet i Israel. For no veit eg at eg er konge over Israel.»

<sup>23</sup>Så sa kongen til Sjimi: «Du skal ikkje døy.» Og det svor han på.

### **Mefibosjet**

<sup>24</sup> Mefibosjet, etterkomaren til Saul, var òg komen ned og ville møta kongen. Han hadde ikkje stelt føtene og ikkje stelt barten og ikkje vaska kleda frå den dagen kongen drog bort og til han kom trygt tilbake.

<sup>25</sup>Då han kom frå Jerusalem og møtte kongen, sa kongen til han: «Kvifor vart du ikkje med meg, Mefibosjet?»

<sup>26</sup> «Tenaren min narra meg, herre konge», svara han. «Eg bad han sala eselet mitt, så eg kunne ri på det og følgja kongen; du veit eg er halt.

<sup>27</sup> I staden baktala han meg, herre konge. Men du er som ein Guds engel, herre konge. Gjer som du tykkjer best.

<sup>28</sup> For heile huset til far min har ikkje fortent noko anna enn døden av deg, herre konge. Likevel har du sett tenaren din mellom dei som et ved ditt bord. Kva meir har eg då å krevja eller å klaga til kongen for?»

<sup>29</sup> Kongen svara: «Du treng ikkje seia meir. Mitt ord er at du og Siba skal dela jordeigedomen.»

<sup>30</sup>Då sa Mefibosjet til kongen: «Han kan gjerne få alt saman, sidan du er komen vel heim att, herre konge.»

### Avskil med Barsillai

**31** Barsillai frå Gilead var komen ned frå Rogelim og hadde følgt kongen til Jordan. Der ville han ta avskil med han.

**32** Barsillai var ein gammal mann, åtti år. Det var han som hadde sytt for mat og drikke til kongen i Mahanajim, for han var svært rik.

**33** Kongen sa til Barsillai: «Ver med meg, så skal eg syta for deg hos meg i Jerusalem.»

**34** Men Barsillai svara: «Eg har vel ikkje så mange dagar og år att å leva at eg skulle fara med kongen opp til Jerusalem?»

**35** Eg er no åtti år gammal. Kan eg lenger skilja mellom godt og vondt? Kan tenaren din kjenna smaken på det han et og drikk? Eg høyrer ikkje lenger røysta av songarar og songarinner. Kvifor skulle så tenaren din vera til bry for deg, herre konge?

**36** Tenaren din vil følgja kongen eit lite stykke over Jordan. Kvifor skulle du løna meg så godt for det, konge?

**37** Lat heller tenaren din fara heim att, så eg kan døy i min eigen by, der far min og mor mi har si grav. Men her er Kimham, tenaren din. Lat han få vera med deg, herre konge, og gjer med han som du synest.»

**38** Då sa kongen: «Kimham kan vera med meg, og eg skal gjera med han som du synest. Alt du ønskjer, skal eg gjera for deg.»

**39** Heile hæren sette over Jordan. Og då kongen var klar til å gå over, kyste han Barsillai til avskil og velsigna han. Så fór Barsillai heim att.

**40** Kongen drog over til Gilgal, og Kimham var med han. Heile Juda-folket og halvparten av Israelfolket følgde kongen over.

### Israel og Juda

**41** Men no kom alle israelittane til kongen og sa: «Kvifor har brørne våre, judearane, teke kongen og ført han og hans hus og alle Davids menn over Jordan?»

<sup>42</sup>Då tok alle judearane til orde og svara israelittane: «Fordi kongen står oss nærast. Kvifor er de harme for dette? Har vi levd på kongen eller hatt nokon føremon av han?»

<sup>43</sup>Israelittane svara: «Vi eig ti gonger så mykje i kongen som de, i David òg. Kvifor set de oss til sides? Var det ikkje vi som først tala om å henta kongen vår heim att?» Men judearane nytta endå hardare ord enn israelittane.

## 2. Samuelsbok 20

### Sjeba gjer opprør

<sup>1</sup>No var det ein vondsinna mann der som heitte Sjeba, son til Bikri frå Benjamin. Han bles i hornet og sa: «Vi har ingen del i David, ingen lut i Isai-sonen. Kvar mann til sitt telt, Israel!»

<sup>2</sup>Då skilde alle israelittane lag med David og følgde Sjeba, son til Bikri. Men judearane heldt seg til kongen sin og følgde han frå Jordan til Jerusalem.

<sup>3</sup> Då David var komen heim til Jerusalem, tok han dei ti følgjekonene som han hadde late vera att for å sjå etter huset, og sette dei i forvaring. Han sytte for det dei trong, men han gjekk ikkje inn til dei. Dei sat innestengde til sin døyande dag og levde som om dei var enkjer.

<sup>4</sup>Sidan sa kongen til Amasa: «Kall saman judearane innan tre dagar, og møt sjølv fram her!»

<sup>5</sup>Amasa drog av stad og kalla saman judearane, men han trong meir tid enn kongen hadde fastsett.

<sup>6</sup>Då sa David til Abisjai: «No kjem Sjeba, son til Bikri, til å skapa større vanskar for oss enn Absalom. Ta med deg tenarane til herren din og set etter han før han når fram til nokon av festningsbyane og slepp frå oss.»

<sup>7</sup> Mennene til Joab, kretarane og pletarane og alle krigarane følgde han. Dei tok ut frå Jerusalem og ville setja etter Sjeba, son til Bikri.

<sup>8</sup>Då dei var komne til den store steinen ved Gibeon, kom Amasa imot dei. Joab bar våpenkappe, og utanpå kappa hadde han eit sverd i slire. Det var fest ved hofta. Då han gjekk fram, gleid sverdet ut.

<sup>9</sup> Joab sa til Amasa: «Står det bra til med deg, bror?» og tok tak i skjegget hans med høgre handa for å kyssa han.

<sup>10</sup> Men Amasa tok seg ikkje i vare for sverdet som Joab hadde i den andre handa. Joab stakk han i magen så innvolane rann ut på jorda. Den eine støyten var nok, og han døydde. Så sette Joab og Abisjai, bror hans, etter Sjeba, son til Bikri.

<sup>11</sup> Men ein av mennene til Joab vart ståande attmed liket og ropa: «Følg Joab, alle som held med han og er på David si side!»

<sup>12</sup> Amasa låg midt på vegen, bada i blod. Då mannen såg at alt folket stoppa der, flytte han Amasa frå vegen bort på marka. Han kasta ei kappe over han; for alle som kom framom, såg han og stoppa.

<sup>13</sup> Då Amasa var teken bort frå vegen, gjekk alle framom og følgde Joab for å jaga Sjeba, son til Bikri.

<sup>14</sup> Sjeba fór gjennom alle Israel-stammene heilt til Abel-Bet-Maaka. Alle mennene i Bikri-slekta samla seg og følgde han inn i byen.

<sup>15</sup> Joab og mennene hans kom og kringsette han i Abel-Bet-Maaka. Dei kasta opp ein voll som nådde bort til den ytre bymuren. Heile hæren som var med Joab, gjekk laus på muren og ville få han til å falla.

<sup>16</sup> Då var det ei klok kvinne som ropa frå byen: «Høyr her! Høyr her! Be Joab koma nærare, så eg får tala med han.»

<sup>17</sup> Han gjekk bort til henne, og kona spurde: «Er du Joab?» «Ja», svarta han. Ho sa til han: «Høyr kva tenestekvinna di har å seia.» «Eg høyrer», svarta han.

<sup>18</sup> Då sa kona: «I gamle dagar sa folk: Gå og spør deg føre i Abel – og så var saka avgjord.

<sup>19</sup> Eg er av dei trufaste og fredsæle i Israel. Men du prøver å gjera ende på ein by som er ei mor i Israel. Kvifor vil du øydeleggja Herrens eige dom?»

<sup>20</sup> Joab svarta: «Nei, langt ifrå! Eg vil slett ikkje øyda eller herja.

<sup>21</sup>Det har seg ikkje slik! Men ein mann frå Efraim-fjella som heiter Sjeba og er son til Bikri, har lyft handa mot kong David. Lat meg berre få tak i han, så skal eg dra bort frå byen.» Då sa kvinna: «Du skal få sjå at dei kastar hovudet hans ut til deg over muren.»

<sup>22</sup>Så gjekk kona til folket i byen med det kloke rådet sitt. Og dei hogg hovudet av Sjeba, son til Bikri, og kasta det ut til Joab. Då bles han i hornet, og mennene drog bort frå byen og fór heim, kvar til seg. Sjølv fór Joab attende til Jerusalem, til kongen.

### **Embetsmennene til David**

<sup>23</sup> Joab var hærførar i Israel, og Benaja, son til Jojada, var førar for kretarane og pletarane.

<sup>24</sup>Adoram hadde tilsyn med dei som gjorde pliktarbeid, og Josjafat, son til Ahilud, var kanslar.

<sup>25</sup>Sjeja var riksskrivar, og Sadok og Abjatar var prestar.

<sup>26</sup>Ira av Ja'ir-slekta var òg prest hos David.

## **2. Samuelsbok 21**

### **Mennene i Gibeon tek hemn**

<sup>1</sup>I Davids styringstid var det ein gong hungersnaud i tre samfulle år. Då søkte David råd hos Herren. Herren svara: «Det kviler blodskuld på Saul og hans hus fordi han drap folk i Gibeon.»

<sup>2</sup>Kongen kalla då til seg gibeonittane og tala med dei. Gibeonittane var ikkje israelittar, men høyrde til dei amorittane som var att i landet. Endå israelittane hadde lova å skåna dei, hadde Saul prøvd å drepa dei, ihuga som han var for israelittane og judearane.

<sup>3</sup>David sa til mennene frå Gibeon: «Kva skal eg gjera for dykk, og korleis kan eg gjera soning så de kan velsigna landetHerren eig?»

<sup>4</sup>Gibeonittane svara: «Sølv eller gull frå Saul og hans hus løyser ikkje denne saka, og vi har ikkje rett til å drepa nokon i Israel.» Kongen spurde: «Kva vil de så at eg skal gjera for dykk?»



<sup>5</sup>Dei svara: «Det gjeld den mannen som ville gjera ende på oss og sette seg føre å rydda oss ut frå Israels område.

<sup>6</sup>Lat oss få sju av etterkomarane hans, så skal vi avretta dei for Herren i Gibeaa, heimbyen til Saul, Herrens utvalde.» Då sa kongen: «De skal få dei.»

<sup>7</sup>Men kongen sparte Mefibosjet, son til Jonatan, son til Saul, fordi David og Jonatan, son til Saul, hadde svore kvarandre ein eid ved Herren.

<sup>8</sup>Kongen tok dei to sønene som Saul hadde fått med Rispa, dotter av Ajja, Armoni og Mefibosjet, og dei fem sønene som Mikal, dotter av Saul, hadde fått med Adriel, son til Barsillai frå Mehola.

<sup>9</sup>Han gav dei i hendene på gibeonittane, som drap dei oppe på fjellet for Herrens andlet. Slik kom dei av dage alle sju på ein gong. Dei vart drepne i dei første dagane av innhaustinga, tidleg i bygghausten.

<sup>10</sup>Rispa, dotter av Ajja, tok sekkestrie og breidde ut på berget. På den vart ho sitjande frå kornskurden tok til og til regnet strøymde ned over dei døde frå himmelen. Ho såg til at fuglane under himmelen ikkje slo ned på dei om dagen, og at villdyra ikkje tok dei om natta.

<sup>11</sup>Då David fekk høyra kva Rispa, dotter til Ajja, følgjekona til Saul, hadde gjort,

<sup>12</sup>drog han av stad og henta knoklane av Saul og Jonatan, son hans, frå Jabesj i Gilead. Innbyggjarane der hadde i løynd teke lika bort frå torget i Bet-Sjean; der hadde filistrane hengt dei opp den dagen dei slo Saul på Gilboa.

<sup>13</sup>David tok knoklane av Saul og Jonatan, son hans, derifrå; så samla dei saman knoklane av dei som hadde vorte drepne.

<sup>14</sup>Dei gravla knoklane av Saul og Jonatan, son hans, i Sela i Benjamin, i grava til Kisj, far til Saul. Alt vart gjort slik kongen hadde sagt. Etter dette hørde Gud bønene som igjen steig opp frå landet.

### **Hendingar under filistarkrigane**

<sup>15</sup>Endå ein gong braut det ut krig mellom filistrane og israelittane. David og mennene hans drog ned og kjempa mot filistrane. Men David vart trøytt og sliten.

<sup>16</sup> Då tenkte Jisjbi-Benob, ein av etterkomarane av Rafa, å fella han. Jisjbi-Benob hadde eit bronsespyd som vog tre hundre sjekel, og han bar ei ny rustning.

<sup>17</sup> Men Abisjai, son til Seruja, kom David til hjelp. Han slo filistaren i hel. Då svor Davids menn ein eid og sa: «Aldri meir skal du dra med oss ut i krigen. Du skal ikkje sløkkja Israels lampe.»

<sup>18</sup> Sidan kom det til nye kampar med filistrane, ved Gob. Der felte husjitten Sibbekai ein mann som heitte Saf og var ein av etterkomarane av Rafa.

<sup>19</sup> Endå ein gong kom det til slag med filistrane ved Gob, og Elhanan, son til Jaare-Orgim frå Betlehem, felte Goliat frå Gat, han som hadde eit spydskaft så tjukt som ein vevbom.

<sup>20</sup> Sidan kom det til slag ved Gat. Der var det ein kjempehøg mann som hadde seks fingrar på kvar hand og seks tær på kvar fot, tjuetvå fingrar og tær i alt. Han hørde òg til Rafa-slekta.

<sup>21</sup> Mannen spotta Israel. Men Jonatan, son til Sjima, som var bror til David, hogg han ned.

<sup>22</sup> Alle desse fire hørde til Rafa-slekta i Gat. David og mennene hans felte dei.

## 2. Samuelsbok 22

### David syng

<sup>1</sup> Då Herren hadde berga David frå alle fiendane hans og frå Saul, bar David fram denne songen for Herren.

<sup>2</sup> Han sa: Herren er mitt berg og mi borg og min utfriar,

<sup>3</sup> min Gud er fjellet der eg søkjer livd. Han er mitt skjold og mi frelse, min styrke og mitt vern, mi tilflukt, min frelsar som friar meg frå vald.

<sup>4</sup> Eg ropa til Herren, han som får lovsong, og eg vart frelst frå mine fiendar.

- <sup>5</sup>Dødens brotsjøar braut ikring meg, malstraumane skremde meg.
- <sup>6</sup>Dødsrikets band vart spente om meg, dødens snarer venta meg.
- <sup>7</sup>I mi naud kalla eg på Herren, eg ropa til min Gud. Han hørde meg frå sitt tempel, mitt rop nådde hans øyre.
- <sup>8</sup>Då skalv og skaka jorda, himmelens grunnvollar riste, dei skalv fordi han var harm.
- <sup>9</sup>Røyk steig opp or hans nase, øydande eld or hans munn, gneistar loga opp frå han.
- <sup>10</sup>Han bøygde himmelen og steig ned, under føtene hans var mørke skyer.
- <sup>11</sup>Han reid på kjeruben, han flaug og kom til syne på vindens venger.
- <sup>12</sup>Han gjorde mørkret til sitt telt, hadde svarte, regntunge skyer kring seg.
- <sup>13</sup>Gneistar og glør loga opp frå stråleglansen framfor han.
- <sup>14</sup>Herren torna frå himmelen, Den høgste lét røysta lyda.
- <sup>15</sup> Han skaut sine piler og spreidde dei, han skremde dei med lyn.
- <sup>16</sup>Rennene på havbotnen kom til syne, grunnvollane under jorda viste seg då Herren truga, då han fnyste av vreide.
- <sup>17</sup>Han rette ut handa frå det høge og greip meg, drog meg opp or veldige vatn.
- <sup>18</sup>Han berga meg frå min mektige fiende då dei som hata meg, var for sterke.
- <sup>19</sup>På ulukkedagen kom dei imot meg, men Herren var mi støtte.
- <sup>20</sup>Han førte meg ut i ope land og fria meg ut, for han har glede i meg.
- <sup>21</sup>Herren gav meg att for mi rettferd, han lønte meg, for mine hender var reine.
- <sup>22</sup>Eg hadde halde meg til Herrens vegar og ikkje gjort meg skuldig i urett mot min Gud.
- <sup>23</sup>Alle hans lover hadde eg for auge, eg veik ikkje av frå hans forskrifter.

- <sup>24</sup>For han var eg heil i mi ferd, eg akta meg vel for å synda.
- <sup>25</sup>Herren lønte meg for mi rettferd då han såg at eg var rein.
- <sup>26</sup>Du er trufast mot den som er tru, heilhjarta mot kvar heilhjarta krigar.
- <sup>27</sup>Du viser deg rein mot den som er rein, men vrang mot den som fer med svik.
- <sup>28</sup>Du frelser eit folk i naud, men auga dine er vende mot dei stolte, du audmjukar dei.
- <sup>29</sup>For du er mi lampe, Herre, Herren lyser opp mitt mørker.
- <sup>30</sup>Med deg kan eg storma mot ein krigarflokk, med Guds hjelp kan eg springa over murar.
- <sup>31</sup>Guds veg er fullkomen, Herrens ord er reint. Han er eit skjold for alle som søkjer tilflukt hos han.
- <sup>32</sup>For kven er Gud om ikkje Herren, kven er eit berg om ikkje vår Gud?
- <sup>33</sup>Gud er mitt sterke vern, han gjer mi ferd heil.
- <sup>34</sup>Han gjev meg føter som ei hind og lèt meg stå på høgdene.
- <sup>35</sup>Han lærer opp hendene mine til krig, armane spenner bogen av bronse.
- <sup>36</sup>Du gjev meg di frelse til skjold, bøyer deg ned og gjer meg stor.
- <sup>37</sup>Du opnar veg for mine steg, anklane mine vaklar ikkje.
- <sup>38</sup>Eg jagar mine fiendar og slettar dei ut, eg snur ikkje før eg har gjort ende på dei.
- <sup>39</sup>Eg gjer ende på dei og knuser dei så dei ikkje kan reisa seg, men ligg falne under mine føter.
- <sup>40</sup>Du kler meg med styrke til krigen og tvingar mine motstandarar i kne.
- <sup>41</sup>Du slår mine fiendar på flukt, eg utryddar dei som hatar meg.
- <sup>42</sup>Dei ser seg om, men det er ingen frelsar, dei ropar til Herren, men han svarar dei ikkje.

- <sup>43</sup>Eg knuser dei som støv på jorda, trør og trakkar dei ned som søle i gata.
- <sup>44</sup>Du bergar meg frå mitt folk som ligg i strid, held meg oppe som hovding over folkeslag. Folk eg ikkje kjende, må tena meg;
- <sup>45</sup>framande kryp for meg, dei lyder berre dei høyrer om meg.
- <sup>46</sup>Dei framande visnar, skjelvande kjem dei ut or sine borger.
- <sup>47</sup>Herren lever! Velsigna er mitt berg! Opphøgd er Gud, min frelsar og mitt berg.
- <sup>48</sup>Gud lèt meg få hemn, han legg folkeslag under meg.
- <sup>49</sup>Han friar meg frå mine fiendar. Du lyfter meg over motstandarar og bergar meg frå valdsmenn.
- <sup>50</sup>Difor vil eg prisa deg mellom folka, Herre, og lovsyngja ditt namn.
- <sup>51</sup>Han gjev sin konge store sigrar, han viser miskunn mot den han har salva, mot David og hans ætt til evig tid.

## 2. Samuelsbok 23

### Davids siste ord

- <sup>1</sup> Dette er Davids siste ord. Så seier David, son til Isai, så seier mannen som Gud har reist opp, han som er salva av Jakobs Gud, og som har dikta Israels songar:
- <sup>2</sup> Herrens Ande talar gjennom meg, hans ord er på mi tunge.
- <sup>3</sup> Israels Gud har tala, til meg har Israels berg sagt: «Den som styrer menneske med rettferd, den som rår med gudsfrykt,
- <sup>4</sup> er lik morgonlyset når sola går opp ein morgon med skyfri himmel; gjennom solskin og regn lèt det graset gro fram or jorda.»
- <sup>5</sup> Slik har mitt hus det med Gud. For han har gjort ei evig pakt med meg, vel ordna og trufast halden. Ja, alt som tener til mi frelse, alt eg ønskjer, lèt han gro fram.

<sup>6</sup>Men dei vonde er alle lik tornekvister ein kastar bort, ingen tek dei i hendene.

<sup>7</sup>Ingen kjem nær dei utan med jern og spydskaft. Der dei står, blir dei brende opp med eld.

### Davids krigarar

<sup>8</sup>Dette er namna på krigsheltane til David: Josjeb-Basjebet av Hakmon-slekta, hovding over dei tre. Det var han som svinga spydet sitt over åtte hundre falne på ein gong.

<sup>9</sup>Etter han kom Elasar, son til Dodo frå Ahoah. Han var ein av dei tre heltane som var med David ved Pas-Dammim då filistrane hadde samla seg til kamp der. Israelittane drog seg tilbake,

<sup>10</sup>men han heldt ut og hogg ned filistrar til handa hans vart så stiv at ho hang fast i sverdet. Den dagen lét Herrenisraelittane vinna ein stor siger. Og då hæren snudde og følgde Elasar, kunne dei berre plyndra dei falne.

<sup>11</sup>Etter han kom Sjamma, son til Age frå Harar. Ein gong hadde filistrane samla seg ved Lehi. Det var ein tett linseåker der, og då israelittane rømde for filistrane,

<sup>12</sup>stilte Sjamma seg midt i åkeren og verna han. Han hogg laus på filistrane, og Herren lét han vinna ein stor siger.

<sup>13</sup>Ein gong då det leid mot skurdonna, fór tre av dei tretti hovdingane ned til David, som var i hòla ved Adullam. Filistarhæren låg i leir i Refa'im-dalen.

<sup>14</sup>David heldt den gongen til i fjellborga, og forposten til filistrane låg ved Betlehem.

<sup>15</sup>Då vart David svært tørst og sa: «Kven vil henta vatn til meg frå brønnen ved byporten i Betlehem?»

<sup>16</sup>Dei tre heltane braut seg gjennom filistarleiren, auste opp vatn or brønnen ved byporten i Betlehem og kom til David med det. Men han ville ikkje drikka. Han auste det ut for Herren

<sup>17</sup>og sa: «Herren fri meg frå å gjera noko slikt! Skulle eg drikka blodet av dei mennene som våga livet sitt?» Og han ville ikkje drikka det. – Dette gjorde dei tre heltane.

<sup>18</sup> Abisjai, bror til Joab og son til Seruja, var hovding over dei tretti. Ein gong svinga han spydet sitt over tre hundre falne og fekk eit stort namn mellom dei tretti.

<sup>19</sup>Han var høgt akta mellom dei tretti og vart leiaren deira, men han kom ikkje opp mot dei tre.

<sup>20</sup> Benaja, son til Jojada, frå Kabseel var ein modig mann og gjorde mange storverk. Han slo i hel dei to sønene til Ariel frå Moab. Ein gong det hadde snøa, steig han ned i ein brønn og drap ei løve.

<sup>21</sup>Han felte òg ein kjempestor egyptar. Egyptaren hadde eit spyd i handa, men Benaja gjekk imot han med ein stav, reiv spydet ut av handa hans og drap han med hans eige spyd.

<sup>22</sup> Dette gjorde Benaja, son til Jojada, og han fekk eit stort namn mellom dei tretti krigsheltane.

<sup>23</sup>Han var høgt akta mellom dei tretti, men kom ikkje opp mot dei tre. David sette han over livvakta si.

<sup>24</sup>Til dei tretti hørde Asael, bror til Joab; Elhanan, son til Dodo, frå Betlehem;

<sup>25</sup>Sjamma frå Harod; Elika frå Harod;

<sup>26</sup>Heles frå Pelet; Ira, son til Ikkesj, frå Tekoa;

<sup>27</sup>Abieser frå Anatot; Mebunnai frå Husja;

<sup>28</sup>Salmon frå Ahoah; Mahrai frå Netofa;

<sup>29</sup>Heleb, son til Baana, frå Netofa; Ittai, son til Ribai, frå Gibeia i Benjamin;

<sup>30</sup>Benaja frå Piraton; Hiddai frå Gaasj-dalane;

<sup>31</sup>Abi-Albon frå Bet-Araba; Asmavet frå Bahurim;

- <sup>32</sup>Eljahba frå Sjaalbon; Jasjen-sønene; Jonatan;
- <sup>33</sup>Sjamma frå Harar; Ahiam, son til Sjarar, frå Harar;
- <sup>34</sup>Elifelet, son til Ahasbai, frå Maaka; Eliam, son til Ahitofel, frå Gilo;
- <sup>35</sup>Hesro frå Karmel; Paarai frå Arab;
- <sup>36</sup>Jigal, son til Natan, frå Soba; Bani frå Gad;
- <sup>37</sup>Selek frå Ammon; Nahrai frå Beerot, våpenberaren til Joab, son til Seruja;
- <sup>38</sup>Ira frå Jattir; Gareb frå Jattir;
- <sup>39</sup> hetitten Uria. Det var i alt trettisju mann.

## 2. Samuelsbok 24

### Folketeljning og pest

- <sup>1</sup> Endå ein gong vart Herren brennande harm på Israel. Han sette David opp mot dei og sa: «Gå og hald folketeljning i Israel og Juda!»
- <sup>2</sup> Då sa kongen til Joab, hærføraren, som var hos han: «Far ikring til alle Israel-stammane, frå Dan til Beer-Sjeba. Du skal mønstra folket, så eg kan få vita kor mange dei er.»
- <sup>3</sup> Joab svara kongen: «Måtte Herren din Gud la kongen sjå med eigne auge at folket blir hundre gonger så talrikt som no! Men kvifor vil min herre kongen gjera dette?»
- <sup>4</sup> Men kongen heldt fast på sitt ord til Joab og hærførarane. Då drog Joab og hærførarane bort frå kongen for å mønstra Israelsfolket.
- <sup>5</sup> Dei sette over Jordan og byrja med Aroer og byen som ligg midt i dalen Gad, og dei heldt fram til Jaser.
- <sup>6</sup> Så kom dei til Gilead og området ved Tahtim-Hodsji, og så til Dan-Jaan. Derifrå bøygde dei av mot Sidon.
- <sup>7</sup> Så kom dei til festningsbyen Tyros og alle hevittbyane og kanaanearbyane. Derifrå drog dei til det sørlege Juda, til Beer-Sjeba.



<sup>8</sup>Dei fór ikring i heile landet, og etter ni månader og tjue dagar kom dei heim att til Jerusalem.

<sup>9</sup>Joab la fram for kongen det talet folketeljinga hadde gjeve. I Israel var det åtte hundre tusen krigarar, våpenføre menn, og i Juda fem hundre tusen.

<sup>10</sup> Men etter at David hadde talt folket, kjende han at det stakk han i hjartet, og han sa til Herren: «Eg har gjort ei stor synd. Men ta no bort skulda til din tenar, Herre, for eg har bore meg uvitug åt.»

<sup>11</sup> Då David stod opp om morgonen, var Herrens ord kome til profeten Gad, sjåaren til David:

<sup>12</sup>«Gå til David og sei: Så seier Herren: Tre ting legg eg fram for deg. Vel ein av dei, og eg vil la han ramma deg.»

<sup>13</sup> Så gjekk Gad til David og melde det til han. Han sa: «Skal det koma hungersnaud over landet ditt i sju år? Skal du vera på flukt frå fiendane dine i tre månader medan dei forfølgjer deg? Eller skal det skal koma pest over landet ditt i tre dagar? Tenk etter og gjer opp med deg sjølv kva eg skal svara han som har sendt meg.»

<sup>14</sup>David sa til Gad: «Eg er i stor naud. Lat oss då helst falla i Herrens hand! For hans miskunn er stor. Men i menneskehand vil eg ikkje falla.»

<sup>15</sup> Då lét Herren pesten koma over Israel. Pesten varte frå morgonen og til den tida han hadde fastsett. Det døydde sytti tusen mann av folket, frå Dan til Beer-Sjeba.

<sup>16</sup> Men då engelen rette handa ut mot Jerusalem for å øydeleggja byen, angra Herren det vonde. Han sa til engelen som herja mellom folket: «Det er nok! Ta no handa til deg att!» Herrens engel stod då på treskjevollen til jebusitten Aravna. {{Då David såg opp, fekk han auge på Herrens engel som stod mellom himmel og jord med eit lyft sverd i handa. Det var retta mot Jerusalem. Dei eldste kasta seg då til jorda, kledde i sekkestrie.}}

<sup>17</sup> Då David fekk sjå engelen som slo ned folket, sa han til Herren: «Det er eg som har synda; det er eg som har bore meg ille åt. Men desse, som eg er

gjetar for, kva vondt har dei gjort? Lat heller handa di ramma meg og huset til far min.»

**18** Same dagen kom Gad til David og sa: «Gå opp og reis eit altar for Herren på treskjevollen til jebusitten Aravna!»

**19** Så gjekk David dit opp, som Herren hadde pålagt han gjennom Gad.

**20** Då Aravna såg nedover, fekk han auge på kongen og tenarane hans, som kom mot han. Aravna gjekk ut og kasta seg ned for kongen med andletet mot jorda.

**21** Aravna spurde: «Kvifor kjem du hit til tenaren din, herre konge?» David svara: «Eg vil kjøpa treskjevollen av deg og byggja eit altar for Herren der, så pesten kan halda opp å herja i folket.»

**22** Då sa Aravna til David: «Min herre kongen må berre ta han og ofra kva han vil! Sjå, oksane er til brennoffer og treskjesledane og åket til oksane til ved.

**23** Alt dette, konge, vil Aravna gje til kongen.» Og han la til: «Måtte Herren din Gud visa velvilje mot deg!»

**24** Men kongen sa til Aravna: «Nei, eg vil kjøpa det av deg til full pris. Eg vil ikkje bera fram for Herren min Gud brennoffer som eg har fått for inkje.» Så kjøpte David treskjevollen og oksane for femti sjekel sølv.

**25** Der bygde David eit altar for Herren og bar fram brennoffer og fredsoffer. Då hørde Herren bønene for landet, og pesten heldt opp å herja i Israel.

## 1. Kongebok

### 1. Kongebok 1

#### Den gamle David og Abisjag

<sup>1</sup>Kong David var no gammal og langt oppi åra. Dei breidde teppe over han, men han kunne ikkje bli varm.

<sup>2</sup>Tenarane hans sa til han: «Lat einkvan finna ei ung jente til deg, herre konge, ei jomfru som kan tena deg og stella for deg. Når ho ligg i din famn, blir du nok varm, herre konge.»

<sup>3</sup>Så leita dei i heile Israels-landet etter ei vakker, ung jente. Dei fann Abisjag frå Sjunem og førte henne til kongen.

<sup>4</sup>Det var ei svært vakker jente. Ho stelte kongen og tente han. Men kongen hadde ikkje omgang med henne.

#### Adonja vil bli konge

<sup>5</sup>Adonja, son til Haggit, gjorde seg høge tankar og sa: «Eg vil vera konge!» Og han skaffa seg vogn og hestar og femti mann som skulle springa framfor han.

<sup>6</sup>Far hans hadde aldri snakka han til rette og spurt kvifor han bar seg slik åt. Adonja var òg uvanleg vakker. Han var fødd nest etter Absalom.

<sup>7</sup>Adonja samrånnde seg med Joab, son til Seruja, og med presten Abjatar, som følgde han og støtta han.

<sup>8</sup>Men det var andre som ikkje heldt med Adonja: presten Sadok og Benaja, son til Jojada, profeten Natan, Sjimi, Re'i og dei beste krigarane til David.

<sup>9</sup>Ein dag slakta Adonja småfe, storfe og gjøkalvar ved Sohelet-steinen, som ligg like ved Rogel-kjelda. Han bad til seg alle brørne sine, sønene til kongen, og alle frå Juda som var i teneste hos kongen.

<sup>10</sup>Men profeten Natan, Benaja, krigarane og Salomo, bror sin, baud han ikkje inn.

<sup>11</sup>Då sa Natan til Batseba, mor til Salomo: «Du har vel høyrte at Adonja, son til Haggit, har vorte konge, utan at David, herren vår, veit om det?

<sup>12</sup>Kom, lat meg no få gje deg eit råd, så du kan berga livet til både deg og Salomo, son din.

<sup>13</sup>Gå og stig fram for kong David og sei til han: Herre konge, har ikkje du svore for tenestekvinna di at Salomo, son min, skal bli konge etter deg og sitja på di trone? Kvifor har då Adonja vorte konge?

<sup>14</sup>Og så, medan du enno står der og snakkar med kongen, skal eg koma inn og stadfesta orda dine.»

<sup>15</sup>Då gjekk Batseba inn i kammeret til kongen. Kongen var no svært gammal, og Abisjag frå Sjunem tente han.

<sup>16</sup>Batseba knelte og bøygde seg for kongen, og kongen spurde: «Kva er det du vil?»

<sup>17</sup>Ho svara: «Herre, du har svore ved Herren din Gud og lova tenestekvinna di at Salomo, son min, skal bli konge etter deg og sitja på di trone.

<sup>18</sup>Men no har Adonja vorte konge, utan at du, herre konge, veit om det.

<sup>19</sup>Han har slakta oksar, gjøkalvar og sauer i mengdevis og bede til seg alle kongssønene, presten Abjatar og hærføraren Joab. Men Salomo, tenaren din, har han ikkje bede.

<sup>20</sup>Men mot deg, herre konge, har heile Israel no vendt sine auge. Dei ventar at du skal kunngjera kven som skal sitja på trona etter kongen.

<sup>21</sup>Elles kjem eg og Salomo, son min, til å stå som skuldige når du, herre konge, kviler hos fedrane dine.»

<sup>22</sup>Medan ho enno snakka med kongen, kom profeten Natan.

<sup>23</sup>Det vart meldt kongen at profeten Natan var der. Og han kom inn og steig fram for kongen og kasta seg med andletet mot jorda framfor han.

<sup>24</sup>«Herre konge», sa Natan, «har du sagt at Adonja skal bli konge etter deg og sitja på di trone?

<sup>25</sup>For i dag har han gått ned til Rogel-kjelda og slakta oksar, gjøkalvar og sauer i hopetal. Han har bede til seg alle kongssønene, hærførarane og presten Abjatar. No et og drikk dei med han og ropar: Leve kong Adonja!

<sup>26</sup>Men meg, tenaren din, har han ikkje bede, og heller ikkje presten Sadok eller Benaja, son til Jojada, eller Salomo, tenaren din.

<sup>27</sup>Har dette hendt på ditt bod, herre konge, utan at du har late tenaren din vita kven som skal sitja på trona etter kongen?»

<sup>28</sup>Då tok kong David til orde og sa: «Kall Batseba inn til meg!» Ho steig fram for kongen og vart ståande der.

<sup>29</sup> Kongen svor og sa: «Så sant Herren lever, han som har fria meg ut or all naud:

<sup>30</sup>Det eg før har svore ved Herren, Israels Gud, og lova deg, at Salomo, son din, skal bli konge etter meg og sitja på trona i min stad, det set eg i verk i dag.»

<sup>31</sup>Batseba knelte for kongen, bøygde seg med andletet mot jorda og sa: «Lenge leve min herre, kong David!»

### **Salomo blir konge**

<sup>32</sup> Kong David sa: «Kall hit til meg Sadok, profeten Natan og Benaja, son til Jojada!» Dei steig fram for kongen,

<sup>33</sup> og kongen sa til dei: «Ta med dykk mennene til kongen dykkar! Lat Salomo, son min, ri på mitt eige muldyr og før han ned til Gihon-kjelda.

<sup>34</sup>Der skal presten Sadok og profeten Natan salva han til konge over Israel. Dei skal blåsa i horn og ropa: Leve kong Salomo!

<sup>35</sup>Så skal de følgja han hit opp. Og når han kjem, skal han setja seg på trona mi. Han skal bli konge i staden for meg. Det er han eg har sett ut til å styra over Israel og Juda.»

<sup>36</sup>Då tok Benaja, son til Jojada, til orde og sa til kongen: «Amen! Måtte Herren, min herre konges Gud, stadfesta det!

<sup>37</sup>Måtte Herren vera med Salomo som han har vore med deg, og gjera trona hans endå større enn trona til kong David, herren min.»

<sup>38</sup>Så gjekk dei ned, presten Sadok, profeten Natan, Benaja, son til Jojada, og kretarane og pletarane. Dei lét Salomo ri på kong Davids muldyr og førte han ned til Gihon-kjelda.

<sup>39</sup> Presten Sadok hadde teke med seg hornet med olje frå teltet til Herren, og no salva han Salomo. Dei bles i horn, og alt folket ropa: «Leve kong Salomo!»

<sup>40</sup>Så følgde heile folkemengda han opp att. Dei spela på fløyte og jubla høgt, og det var som om jorda skulle rivna av ropa.

<sup>41</sup> Dette hørde Adonja og alle gjestene som var hos han. Dei var nett ferdige med å eta då Joab hørde lyden av horn og sa: «Kvifor er det slik ståk og larm i byen?»

<sup>42</sup> Medan han enno tala, kom Jonatan, son til presten Abjatar. Adonja sa til han: «Kom hit, for du er ein påliteleg mann og kjem sikkert med gode meldingar.»

<sup>43</sup>«Tvert om!» svara Jonatan. «Vår herre, kong David, har gjort Salomo til konge.

<sup>44</sup>Kongen sende presten Sadok, profeten Natan, Benaja, son til Jojada, og kretarane og pletarane med han, og dei lét Salomo ri på muldyret til kongen.

<sup>45</sup>Presten Sadok og profeten Natan salva han til konge ved Gihon-kjelda. Så drog dei opp att med jubelrop, og no er det oppstyr i byen. Det er den larmen de høyrer.

<sup>46</sup>Salomo har alt sett seg på kongetrona,

<sup>47</sup>og tenarane til kongen er òg komne for å ønskja herren vår, kong David, til lukke. Dei seier: Måtte din Gud gjera Salomo meir namngjeten enn deg og gjera trona hans endå større enn di! Då bøygde kongen seg i bøn på leiet sitt

<sup>48</sup>og sa: Velsigna er Herren, Israels Gud, som i dag har laga det slik at det sit ein på trona etter meg, og late meg sjå det med mine egne auge.»

<sup>49</sup>Då skalv alle gjestene hos Adonja av skrekk. Dei braut opp og gjekk kvar til sitt.

<sup>50</sup> Adonja vart så redd Salomo at han reiste seg, gjekk av stad og greip fatt i altarhorna.

<sup>51</sup>Salomo fekk melding om at Adonja var vorten så redd kongen at han hadde gripe tak i altarhorna og sagt: «No må kong Salomo sverja på at han ikkje vil la tenaren sin døy for sverd.»

<sup>52</sup>Salomo sa: «Oppfører han seg som ein heiderleg mann, skal det ikkje bli krumma eit hår på hovudet hans. Men gjer han seg skuldig i noko vondt, skal han døy.»

<sup>53</sup>Så sende kong Salomo folk av garde for å henta han ned frå altaret. Då han kom til kong Salomo, kasta han seg ned for han, og Salomo sa til han: «Du kan gå heim.»

## 1. Kongebok 2

### David døyr

- <sup>1</sup>Då det leid mot slutten for David, sa han til Salomo, son sin:
- <sup>2</sup>Eg skal snart gå den vegen som alt her på jorda må gå. Ver du sterk og ver ein mann!
- <sup>3</sup>Hald bodet til Herren din Gud! Gå på hans vegar og hald deg til hans forskrifter, bod, lover og påbod, slik det er skrive i Moselova. Då skal du gå visleg fram i alt du gjer, og kvar så du vender deg.
- <sup>4</sup>For Herren vil halda det ordet han gav då han sa om meg: «Dersom sønene dine aktar på si ferd og vandrar for mitt andlet i truskap, av heile sitt hjarte og heile si sjel, skal det aldri mangla ein mann av di ætt på Israels kongsstol.»
- <sup>5</sup>Du veit jo sjølv kva Joab, son til Seruja, gjorde mot meg og mot dei to hærførarane i Israel, Abner, son til Ner, og Amasa, son til Jeter: Han drap dei og lét blod renna i fredstid. Slik fekk han krigsblod på beltet han hadde om livet, og på skorne han hadde på føtene.
- <sup>6</sup>Bruk no det gode vitet ditt. Lat ikkje den gamle og gråhåra mannen fara i fred til dødsriket.
- <sup>7</sup>Men mot sønene til Barsillai frå Gilead skal du gjera godt. Lat dei vera mellom dei som et ved bordet ditt. For dei tok venleg imot meg då eg flykta frå Absalom, bror din.
- <sup>8</sup>Du har òg hos deg Sjimi, son til Gera frå Bahurim, av Benjamin-stammen. Det var han som forbanna meg så stygt den dagen eg var på veg til Mahanajim. Men seinare kom han og møtte meg nede ved Jordan. Då svor eg ved Herren at eg ikkje skulle la han døy for sverd.
- <sup>9</sup>Men du må ikkje la han sleppa straff. Du er ein klok mann og veit nok kva du skal gjera med han. Lat han gå ned til dødsriket med blod i det gråe håret sitt.
- <sup>10</sup> Så gjekk David til kvile hos fedrane sine og vart gravlagd i Davidsbyen.



**11** I førti år hadde David vore konge over Israel. Sju år styrte han i Hebron og trettitre år i Jerusalem.

**12** Salomo sette seg på kongsstolen etter David, far sin, og kongedømet hans var trygt grunnfest.

### **Adonja blir drepen**

**13** Adonja, son til Haggit, kom til Batseba, mor til Salomo. «Kjem du i fredeleg ærend?» spurde ho. «Ja», svara han,

**14** «men det er ei sak eg gjerne vil snakka med deg om.» «Sei det», sa ho.

**15** Då sa han: «Du veit at kongedømet med rette var mitt, og heile Israel venta at eg skulle bli konge. Men så gjekk kongedømet over frå meg til bror min. Han fekk det av Herren sjølv.

**16** No er det berre éin ting eg vil be deg om, og du må ikkje visa meg bort.» «Sei det!» svara Batseba.

**17** Då sa han: «Tal med kong Salomo – for deg viser han ikkje bort – og bed om at han lèt meg få Abisjag frå Sjunem til kone.»

**18** Batseba svara: «Ja vel, eg skal snakka med kongen for deg.»

**19** Så gjekk Batseba til kong Salomo for å leggja Adonjas sak fram for han. Kongen reiste seg, gjekk imot henne og bøygde seg djupt for henne. Så sette han seg på kongsstolen. Ein stol vart sett fram for mor til kongen; ho sette seg ved høgre sida hans.

**20** Ho sa: «Det er berre ein liten ting eg vil be deg om. Ikkje vis meg bort!» Kongen svara: «Be om det, mor! Eg viser deg ikkje bort.»

**21** Då sa ho: «Lat Adonja, bror din, få Abisjag frå Sjunem til kone!»

**22** Men kong Salomo tok til orde og sa til mor si: «Kvifor bed du om Abisjag frå Sjunem for Adonja? Du kan like godt be om kongsmakta for han. Han er då storebror min, og har presten Abjatar og Joab, son til Seruja, på si side.»

**23** Og kong Salomo svor ved Herren og sa: «Gud la det gå meg ille både no og sidan om ikkje dette skal kosta Adonja livet!

<sup>24</sup>Så sant Herren lever, han som har sett meg på kongsstolen etter David, far min, og grunnlagt ei kongsætt for meg, slik som han lova – Adonja skal døy, og det i dag!»

<sup>25</sup>Så sende kong Salomo Benaja, son til Jojada, i veg. Han hogg ned Adonja, og slik døydde han.

### **Salomo driv bort Abjatar**

<sup>26</sup> Kongen sa til presten Abjatar: «Far heim til åkrane dine i Anatot! Du fortener døden, men eg vil ikkje drepa deg i dag, for du har bore paktkista til Herren Gud framfor David, far min. Du har lide alt det han laut lida.»

<sup>27</sup> Så dreiv Salomo Abjatar bort og lét han ikkje få vera prest for Herren lenger. Såleis vart det oppfylt, det ordet som Herren hadde tala mot Elis hus i Sjilo.

### **Joab blir drepen**

<sup>28</sup> Då dette kom Joab for øyra – han hadde støtta Adonja, men ikkje Absalom – rømde han til Herrens telt og greip om altarahorna.

<sup>29</sup> Salomo fekk melding om at Joab hadde rømt til Herrens telt og heldt seg nær altaret. Då sende han Benaja, son til Jojada, i veg og sa: «Gå og hogg han ned!»

<sup>30</sup> Då Benaja kom til Herrens telt, sa han til Joab: «Kongen seier at du skal koma ut.» Men han svara: «Nei, her vil eg døy.» Benaja gjekk tilbake til kongen og fortalde kva Joab hadde sagt og svara.

<sup>31</sup> Då sa kongen til han: «Gjer som han seier! Hogg han ned og få han i jorda! Så friar du meg og farshuset mitt frå blodet til dei skuldfrie som Joab lét renna.

<sup>32</sup> Herren vil la blodet koma over hovudet hans! Han hogg ned to menn som var betre og meir rettferdige enn han: Abner, son til Ner, hærføraren i Israel, og Amasa, son til Jeter, hærføraren i Juda. Han drap dei med sverd utan at David, far min, visste om det.

**33** Måtte deira blod for alltid koma over Joab og ætta hans. Men David og ætta hans, huset og kongsstolen hans skal Herren gje fred til alle tider.»

**34**Så gjekk Benaja, son til Jojada, opp og hogg ned Joab og drap han. Han vart gravlagd på heimstaden sin i ørkenen.

**35** Kongen sette Benaja, son til Jojada, til hærførar etter Joab. Og han sette Sadok til prest etter Abjatar.

### **Sjimi blir drepen**

**36**Så sende kongen bod etter Sjimi og sa til han: «Bygg deg eit hus i Jerusalem! Der skal du bu, og derifrå skal du ikkje fara bort.

**37**Det skal du vita at den dagen du tek ut og går over Kedron-bekken, er du dømd til å døy. Blodet ditt skal renna over ditt eige hovud.»

**38**Sjimi svara kongen: «Ja vel, tenaren din skal retta seg etter din vilje, herre konge.» Og Sjimi vart buande lenge i Jerusalem.

**39** Men då tre år var lidne, rømde to av Sjimis slavar til kongen i Gat, Akisj, son til Maaka. Då Sjimi fekk vita at slavane var i Gat,

**40**gjorde han seg ferdig og sala eselet sitt. Han gav seg i veg til Akisj i Gat for å krevja slavane sine tilbake. Sjimi fór av stad og henta slavane frå Gat.

**41**Salomo fekk melding om at Sjimi hadde fare frå Jerusalem til Gat og no var komen tilbake.

**42**Då sende kongen bod etter Sjimi og sa til han: «Tok eg deg ikkje i eid ved Herren då eg åtvare deg og sa: Det skal du vita for visst at den dagen du forlèt Jerusalem og går nokon annan stad, er du dømd til å døy. Og du svara: Ja vel, eg har høyrte kva du seier.

**43**Kvifor har du då ikkje halde din eid til Herren og det påbodet eg gav deg?

**44**Du kjenner til, ja, du veit i hjartet kor mykje vondt du har gjort mot David, far min. Herren lèt no vondskapen koma over ditt eige hovud.

**45**Men kong Salomo skal vera velsigna, og kongsstolen til David skal stå trygt for Herrens andlet til alle tider.»

<sup>46</sup>Så baud kongen Benaja, son til Jojada, gå ut og hogga han ned. Slik døydde Sjimi. Og kongsmakta låg trygt i Salomos hand.

## 1. Kongebok 3

### Kong Salomo og hans tid

<sup>1</sup>Salomo vart svigerson til farao, kongen i Egypt. Han tok dotter til farao til ekte og førte henne heim til Davidsbyen. Der budde ho til han hadde bygd ferdig sitt eige hus, Herrens hus og muren kring Jerusalem.

<sup>2</sup>Men folket heldt fram med å ofra på haugane, for enno var det ikkje bygd noko hus for Herrens namn.

<sup>3</sup>Salomo elska Herren, så han følgde forskriftene frå David, far sin. Men han ofra på haugane og tende offereld der.

### Salomo bed om visdom

<sup>4</sup>Kongen fór til Gibeon for å ofra der, sidan det var største offerhaugen. Tusen brennoffer bar Salomo fram på altaret der.

<sup>5</sup>I Gibeon synte Herren seg for Salomo i ein draum om natta. Gud sa: «Bed om kva du vil. Eg skal gje deg det!»

<sup>6</sup>Salomo svara: «Du har vist stor miskunn mot din tenar David, far min, fordi han ferdast for ditt andlet i truskap og rettferd og hadde eit hjarte som var ærleg. Og denne store miskunn har du halde fast på. Du gav han ein son som skulle sitja på kongsstolen hans, så som det er i dag.

<sup>7</sup>No har du, Herre, min Gud, gjort tenaren din til konge etter David, far min. Men eg er berre ein ungdom og veit ikkje korleis eg skal bera meg åt i eitt og alt.

<sup>8</sup>Her står tenaren din midt imellom folket ditt som du har valt ut, eit folk så stort at det ikkje kan teljast, og så talrikt at det ikkje kan reknast.

<sup>9</sup>Så gjev då tenaren din eit hjarte som kan høyra, så eg kan styra folket ditt og skilja mellom godt og vondt. For kven kan elles styra dette folket, så stort som det er?»

<sup>10</sup>At nett dette var svaret frå Salomo, var godt i Herrens auge.

<sup>11</sup>Og Gud sa til han: «Sidan du bad om dette og ikkje om eit langt liv eller rikdom eller at fiendane dine skulle døy, men om vit til å skjøna kva som er rett,

<sup>12</sup> så vil eg gjera det du har bede om. Eg gjev deg eit vist og vitug hjarte. Aldri før har det vore nokon som deg, og din like skal heller aldri koma.

<sup>13</sup> Og det du ikkje bad om, vil eg gje deg, både rikdom og ære. Så lenge du lever, skal det ikkje finnast din like mellom kongane.

<sup>14</sup>Og ferdast du på mine vegar og held lovene og boda mine, liksom David, far din, gjorde, så skal eg gje deg eit langt liv.»

<sup>15</sup>Salomo vakna. Det hadde vore ein draum. Og då han kom til Jerusalem, steig han fram for Herrens paktkiste. Han ofra brennoffer, bar fram fredsoffer og heldt festmåltid for alle tenarane sine.

### **Salomo dømmer klokt**

<sup>16</sup>Seinare ein gong steig det to prostituerte kvinner fram for kongen.

<sup>17</sup>Den eine sa: «Høyr på meg, herre! Eg og den kvinna der bur i same huset. Så fekk eg eit barn medan ho var heime.

<sup>18</sup>Tredje dagen etter at eg hadde fødd, fødde også denne kvinna. Der var vi åleine, vi to. Det fanst ingen framand hos oss i huset, berre vi to var heime åleine.

<sup>19</sup>Ei natt døydde sonen til denne kvinna, for ho kom til å liggja på han.

<sup>20</sup>Då stod ho opp midt på natta og tok guten or armane mine medan eg sov. Ho la han ved barmen sin, og sin eigen døde gut la ho ved min barm.

<sup>21</sup>Då eg stod opp om morgonen og skulle gje guten bryst, var han død. Men då eg såg på han i morgonlyset, var det ikkje guten min, han eg hadde fødd.»

<sup>22</sup>Då sa den andre kvinna: «Nei, det er min gut som lever, og din som er død.» Men den første svara: «Nei, det er din gut som er død, og min som lever.» Slik stod dei og tretta framfor kongen.

<sup>23</sup>Då sa kongen: «Den eine seier: Det er min son som lever, og din son er død. Og den andre seier: Nei, det er din son som er død, og min son lever.

<sup>24</sup>Hent eit sverd til meg!» sa kongen. Dei kom inn til kongen med eit sverd,

<sup>25</sup>og han sa: «Hogg det levande barnet i to, og lat dei to kvinnene få kvar sin halvpart.»

<sup>26</sup> Då sa den kvinna som var mor til det levande barnet, til kongen, for hjartet brann for hennar barn: «Høyr på meg, min herre! Lat henne få den guten som lever, og drep han ikkje!» Men den andre sa: «Barnet skal verken vera mitt eller ditt. Berre hogg til!»

<sup>27</sup>Då tok kongen til orde og sa: «Lat den første kvinna få det levande barnet, og drep det ikkje! Ho er mora.»

<sup>28</sup>Heile Israel fekk høyra om den dommen kongen hadde dømt, og folket fekk age for kongen. For dei såg at Guds visdom var i hjartet hans, slik at han skifte rett.

## 1. Kongebok 4

### Salomos embetsmenn

<sup>1</sup>Kong Salomo styrte no over heile Israel.

<sup>2</sup>Dette var dei øvste embetsmennene hans: Asarja, son til Sadok, var prest;

<sup>3</sup>Elihoref og Ahia, sønene til Sjisja, var riksskrivarar; Josjafat, son til Ahilud, var protokollfører;

<sup>4</sup>Benaja, son til Jojada, var hærfører; Sadok og Abjatar var prestar;

<sup>5</sup>Asarja, son til Natan, var oppsynsmann over futane; Sabud, son til Natan, var ven med kongen;

<sup>6</sup>Ahisjar var borgherre; Adoniram, son til Abda, hadde oppsyn med dei som gjorde pliktarbeid.

<sup>7</sup>Salomo sette tolv futar over heile Israel. Dei skulle syta for matforsyningar til kongen og hoffet hans. Kvar sin månad i året skulle dei syta for det.

- <sup>8</sup> Dette er namna deira: Ben-Hur, i fjellandet Efraim;
- <sup>9</sup> Ben-Deker, i Makas, Sjaalvim, Bet-Sjemesj, Elon og Bet-Hanan;
- <sup>10</sup> Ben-Hesed, i Arubbot – han hadde Soko og heile Hefer-landet;
- <sup>11</sup> Ben-Abinadab hadde heile Dor-høglandet – han var gift med Tafat, dotter til Salomo;
- <sup>12</sup> Baana, son til Ahilud, hadde Taanak, Megiddo og heile Bet-Sjean, som ligg ved Saretan, nedanfor Jisreel, frå Bet-Sjean til Abel-Mehola og bortom Jokmeam;
- <sup>13</sup> Ben-Geber i Ramot i Gilead – han hadde teltbyane til Ja'ir, son til Manasse, i Gilead, og Argob-bygda i Basan, seksti store byar med murar og bronsebommar;
- <sup>14</sup> Ahinadab, son til Iddo, hadde Mahanajim;
- <sup>15</sup> Ahimaas hadde Naftali – han òg var gift med ei av døtrene til Salomo, Basmat;
- <sup>16</sup> Baana, son til Husjai, i Asjer og Alot;
- <sup>17</sup> Josjafat, son til Paruah, i Jissakar;
- <sup>18</sup> Sjimi, son til Ela, i Benjamin;
- <sup>19</sup> Geber, son til Uri, i Gilead, det landet som amorittkongen Sihon og Basan-kongen Og hadde hatt. Dessutan var det ein fut i Juda.

### **Salomos makt og visdom**

- <sup>20</sup> Folket i Juda og Israel var tallaust som sanden ved havet. Dei åt og drakk og var glade.
- <sup>21</sup> Salomo herska over alle kongerika frå Eufrat til filistarlandet og heilt til grensa mot Egypt. Dei betalte skatt og stod under Salomo så lenge han levde.
- <sup>22</sup> Til matlaging hos Salomo gjekk det kvar dag med tretti kor fint mjøl og seksti kor grovt mjøl,

- <sup>23</sup>ti gjødde oksar, tjue drifteoksar og hundre sauer og i tillegg hjortar, gasellar, dådyr og gjødde gjæser.
- <sup>24</sup> For han herska over alt land vestafor Euftrat, frå Tifsah til Gaza, over alle kongane vestafor Euftrat, og hadde fred på alle kantar rundt ikring.
- <sup>25</sup> I Juda og Israel, frå Dan til Beer-Sjeba, sat kvar mann trygt under sin vinstokk og sitt fikentre så lenge Salomo levde.
- <sup>26</sup> Salomo hadde førti tusen stallplassar til vognhestane sine og tolv tusen ryttrarar.
- <sup>27</sup> Dei tolv futane sytte kvar sin månad for matforsyningar til kong Salomo og alle som gjekk til hans bord. Dei lét det ikkje skorta på noko.
- <sup>28</sup> Dei skulle òg etter tur gje bygg og halm til hestane og trekkdyra der dei heldt seg.
- <sup>29</sup> Gud gav Salomo visdom og svært stor innsikt og ein forstand vidare enn sanden på havsens strand.
- <sup>30</sup> Visdomen til Salomo var større enn visdomen til alle i aust og alle egyptarane.
- <sup>31</sup> Han var visare enn noko anna menneske, visare enn Etan av Esrah-ætta og Mahol-sønene Heman, Kalkol og Darda. Namnet hans var kjent mellom alle heidningfolka rundt ikring.
- <sup>32</sup> Salomo smidde tre tusen ordtak, og songane hans var eitt tusen og fem i talet.
- <sup>33</sup> Han dikta om trea, frå sederen på Libanon til isopen som veks ut av muren, og han dikta om fe og fuglar, krypdyr og fiskar.
- <sup>34</sup> Og dei kom frå alle folk for å høyra visdomen til Salomo, frå alle kongar på jorda som hadde høyrte om visdomen hans.

## 1. Kongebok 5

### Salomo førebur tempelbygginga



<sup>1</sup> Då Hiram, kongen i Tyros, fekk høyra at Salomo var salva til konge etter far sin, sende han tenarane sine til Salomo. For Hiram hadde alltid vore ein god ven av David.

<sup>2</sup> Sidan sende Salomo bod til Hiram med desse orda:

<sup>3</sup> «Du veit at David, far min, ikkje fekk bygd eit hus for namnet til Herren sin Gud, fordi det var krig rundt han på alle kantar, til Herren la fiendane under føtene hans.

<sup>4</sup> Men no har Herren min Gud gjeve meg fred rundt ikring. Det finst ingen motstandar, og inga ulukke trugar.

<sup>5</sup> Difor har eg no tenkt å byggja eit hus for namnet til Herren min Gud, slik som Herren sa til David, far min: Son din, som eg vil setja på kongsstolen etter deg, han skal byggja huset for namnet mitt.

<sup>6</sup> Sei no frå til folka dine at dei skal hogga sedertre til meg frå Libanon. Så skal mine folk arbeida med dine folk, og løna til folka dine vil eg gje deg etter ditt eige ord. For du veit at det finst ingen hos oss som skjønar seg så vel på å hogga tre som sidonarane.»

<sup>7</sup> Då Hiram høyrde Salomos ord, vart han inderleg glad og sa: «Velsigna er Herren i dag, han som har gjeve David så vis ein son og sett han til å styra over dette store folket.»

<sup>8</sup> Så sende Hiram bod til Salomo med desse orda: «Eg har fått den budskapen du sende meg. Eg skal i alle måtar gjera som du ønskjer med sedertrea og sypressane.

<sup>9</sup> Folka mine skal føra dei frå Libanon ned til havet. Så skal vi leggja dei på flåtar og føra dei på havet til den staden du seier meg. Der skal vi ta dei frå kvarandre, og så kan du henta dei. Sidan må du gjera som eg ønskjer, og la meg få det eg treng til hushaldet mitt.»

<sup>10</sup> Så lét Hiram Salomo få det han ville av sedertre og sypressar.

<sup>11</sup> Og Salomo gav Hiram tjue tusen kor kveite til hushaldet hans og tjue kor fin olivenolje. Så mykje sende Salomo til Hiram år etter år.

<sup>12</sup> Herren gav Salomo visdom, slik som han hadde lova. Det var fred mellom Hiram og Salomo, og dei gjorde pakt med einannan.

<sup>13</sup> Kong Salomo la pliktarbeid på heile Israel, og pliktarbeidarane talde tretti tusen mann.

<sup>14</sup> Dei sende han i skift til Libanon, ti tusen kvar månad. Ein månad var dei i Libanon og to månader heime. Adoniram hadde oppsyn med pliktarbeidarane.

<sup>15</sup> Salomo hadde sytti tusen berarar og åtti tusen steinhoggarar i fjellet

<sup>16</sup> og i tillegg arbeidsformennene som stod under futane hans. Dei var tre tusen tre hundre i talet og hadde oppsyn med arbeidsfolket.

<sup>17</sup> Kongen baud at dei skulle bryta store og kostbare steinar, så grunnvollen til tempelet kunne leggjast med hoggen stein.

<sup>18</sup> Bygningsmennene til Salomo og Hiram og mennene frå Gebal hogg dei til. Dei gjorde i stand både stokkane og steinane som tempelet skulle byggjast av.

## 1. Kongebok 6

### Salomo byggjer tempelet

<sup>1</sup> I det fire hundre og åttiande året etter at israelittane hadde gått ut av Egypt, i siv månad, som er den andre månaden, byrja Salomo å byggja Herrens hus. Salomo var då konge i Israel på fjerde året.

<sup>2</sup> Huset som kong Salomo bygde for Herren, var seksti alner langt, tjue alner breitt og tretti alner høgt.

<sup>3</sup> Forhallen framfor tempelrommet var tjue alner lang, svarande til breidda på huset, og ti alner brei. Han låg på framsida.

<sup>4</sup> På huset laga han vindauge som skråna innover. Dei var vide mot utsida og tronge mot innsida.

- <sup>5</sup>Rundt den ytre husveggen, både langs tempelhallen og det inste rommet, reiste han eit tilbygg, og der laga han siderom.
- <sup>6</sup>Den nedste høgda var fem alner brei, den mellomste seks alner brei og den øvste sju alner brei. For han hadde laga avsatsar rundt ikring på utsida av huset så ikkje bjelkane skulle gå inn i husveggen.
- <sup>7</sup>Då huset vart reist, bygde dei det av steinar frå steinbrotet, ferdig tilhogne. Ein høyrde verken hammar eller meisel eller noko anna verktøy av jern i huset då det vart bygd.
- <sup>8</sup>Døra inn til nedste høgda i tilbygget var på høgre sida av huset. Ei vindeltrapp førte opp i mellomste høgda og derifrå opp i tredje høgda.
- <sup>9</sup>Då Salomo hadde reist tempelbygget, tekte han det med bjelkar og bord av sedertre.
- <sup>10</sup>I tilbygget som han reiste kring heile huset, var kvar høgde fem alner. Det var fest til huset med sederbjelkar.
- <sup>11</sup>Då kom Herrens ord til Salomo, og det lydde slik:
- <sup>12</sup> «No byggjer du dette huset. Om du følgjer forskriftene mine, held lovene mine, aktar på alle boda mine og følgjer dei, så vil eg gjera mot deg etter det ordet eg gav David, far din.
- <sup>13</sup> Eg vil bu midt mellom israelittane og ikkje skiljast frå Israel, folket mitt.»
- <sup>14</sup>Så bygde Salomo huset og gjorde det ferdig.
- <sup>15</sup>Han kledde veggene i huset innvendes med sederbord. Frå golvet til takbjelkane kledde han dei med tre, og golvet la han med sypressbord.
- <sup>16</sup>Tjue alner frå bakveggen av huset reiste han ein vegg av sederbord; han rakk frå golvet opp til takbjelkane. Bak veggen bygde han det inste rommet, Det høgheilage.
- <sup>17</sup>Tempelhallen framfor det inste rommet var førti alner lang.
- <sup>18</sup>Innvendes hadde huset utskjeringar i sedertre, av graskar og utsprotne blomar. Alt saman var sedertre; steinen synte ikkje nokon stad.

<sup>19</sup>Inst inne i tempelet bygde han Det høgheilage. Der skulle Herrens paktkiste stå.

<sup>20</sup>Dette rommet, som var tjue alner langt, tjue alner breitt og tjue alner høgt, kledde han med reint gull. Framfor Det høgheilage sette Salomo eit altar. Det kledde han med sedertre.

<sup>21</sup>Salomo kledde huset innvendig med reint gull. Han hengde gullkjeder framfor inngangen til Det høgheilage og kledde han med gull.

<sup>22</sup>Heile huset kledde han med gull, frå ende til annan. Og heile altaret som stod framfor det inste rommet, kledde han med gull.

<sup>23</sup> I Det høgheilage laga han to kjerubar av oliventre; dei var ti alner høge.

<sup>24</sup>Den eine kjeruben hadde ein veng som var fem alner, og vengen på den andre sida var òg fem alner. Det var ti alner frå vengespiss til vengespiss.

<sup>25</sup>Den andre kjeruben var òg ti alner mellom vengespissane. Begge kjerubane hadde same storleik og same form.

<sup>26</sup>Den eine kjeruben var ti alner høg, og det var den andre òg.

<sup>27</sup>Desse kjerubane sette han midt i Det høgheilage i tempelet. Og dei breidde ut vengene sine så vengen på den eine rakk bort til den eine veggen, og vengen på den andre rakk bort til den andre veggen, og dei to andre vengene nådde i hop midt i rommet.

<sup>28</sup>Han kledde kjerubane med gull.

<sup>29</sup>Alle veggene i huset, både innvendig og utvendig, prydde han med utskorne bilete av kjerubar, palmar og utsprotne blomar.

<sup>30</sup>Golviet i huset la han med gull både inne og ute.

<sup>31</sup>Ved inngangen til Det høgheilage laga han dører av oliventre. Dørkarmane skråna innover i fem avsatsar.

<sup>32</sup>Dei to dørene av oliventre prydde han med utskjeringar av kjerubar, palmar og utsprotne blomar, og han kledde dei med gull. Han hamra ut gullet på kjerubane og palmane.

<sup>33</sup>Like eins laga han dørstolpar av oliventre for inngangen til tempelhallen. Dørkarmane skråna innover i fire avsatsar.

<sup>34</sup>Dei to dørene var av sypresstre. Begge dørene hadde to halvdører som kunne svingast.

<sup>35</sup>Han prydde dei med utskorne kjerubar, palmar og utsprotne blomar og kledde dei med gull som vart lagt jamt utover utskjeringane.

<sup>36</sup>Han bygde den indre føregarden med tre lag hoggen stein og eitt lag sederbjelkar.

<sup>37</sup>Grunnvollen til Herrens hus vart lagd i det fjerde året, i siv månad.

<sup>38</sup>Og i det ellefte året, i bul månad, som er den åttande månaden, gjorde Salomo huset ferdig med alt som hørde til, og i eitt og alt var det som det skulle vera. Då hadde han bygd på det i sju år.

## 1. Kongebok 7

### Salomo byggjer kongeborga

<sup>1</sup>Salomo bygde på kongeborga si i tretten år før han fekk henne ferdig.

<sup>2</sup>Han bygde Libanon-skoghuset, hundre alner langt, femti alner breitt og tretti alner høgt. Det hadde fire rader med søyler av sedertre, og oppå søylene var det sederbjelkar.

<sup>3</sup>Det var eit tak av sedertre over takbjelkane som kvilte mot søylene. I alt var det førtifem, femten i kvar rad.

<sup>4</sup>Huset hadde tre rader glasa med karmar. Glasa låg beint imot kvarandre i tre høgder.

<sup>5</sup>Alle dørene og glasa hadde firkanta karmar og vende beint imot kvarandre i tre høgder.

<sup>6</sup>Så bygde han søylehallen, som var femti alner lang og tretti alner brei. Framfor han var det ein forhall med søyler, og framfor den eit skjermtak.

<sup>7</sup>Dessutan bygde han tronhallen, der han sat og dømde, Domshallen. Han kledde han med sedertre frå golv til tak.

<sup>8</sup>Hans eige hus, det som han budde i, låg i den andre garden innanfor forhallen. Det var bygd på same måten. Salomo bygde òg eit hus for dotter til farao, som han hadde teke til kone. Det likna forhallen.

<sup>9</sup>Alle desse bygningane var av kostbare steinar som var hogne etter mål. Dei var skorne til med steinsag både på innsida og utsida, frå grunnmuren til gesimsen og på utsida ut mot den store borggarden.

<sup>10</sup>Grunnmuren var av kostbare og store steinar, steinar på ti alner og på åtte alner.

<sup>11</sup>Over dei var det kostbare steinar som var hogne etter mål, og sedertre.

<sup>12</sup>Rundt den store føregarden var det tre lag med hoggen stein og eitt lag med sederbjelkar. Slik var det òg rundt den indre føregarden til Herrens hus og rundt forhallen.

#### Utstyret til tempelet

<sup>13</sup> Kong Salomo sende bod etter Hiram frå Tyros.

<sup>14</sup> Han var son til ei enkje av Naftali-stammen, og far hans var ein koparsmed frå Tyros. Hiram hadde godt skjøn og stor kunnskap, så han kunne gjera allslags arbeid i bronse. Han kom til Salomo og gjorde alt det arbeidet kongen ville ha gjort.

<sup>15</sup> Hiram støypte dei to bronsesøylene. Den eine søyla var atten alner høg, og det trongst ei snor på tolv alner for å nå ikring henne. Den andre søyla var like stor.

<sup>16</sup>Så laga han to søylehovud til å setja på toppen av søylene. Dei var støypte av bronse, og kvart søylehovud var fem alner høgt.

<sup>17</sup>På søylehovuda øvst på søylene var det slyngornament: blomeranker i form av lenkjearbeid, sju for kvart søylehovud.

<sup>18</sup>Han laga to rader med granateple kring det eine av ornamenta som skulle dekkja søylehovuda øvst på søylene. Slik gjorde han med det andre søylehovudet òg.

- <sup>19</sup>Hovuda øvst på søylene i forhallen var forma som liljer og målte fire alner.
- <sup>20</sup>Rundt begge søylehovuda, rett ovanfor utbuktinga på den andre sida av ornamentet, hang to hundre granateple i rekkjer.
- <sup>21</sup> Han reiste søylene attmed forhallen til tempelet. Han reiste opp den høgre søyla og kalla henne Jakin. Så reiste han opp den venstre søyla og kalla henne Boas.
- <sup>22</sup>Øvst på søylene var handverk av liljer. No var arbeidet med søylene fullført.
- <sup>23</sup> Så laga han havet av støypt metall. Det var sirkelforma og målte ti alner frå kant til kant. Høgda var fem alner, og omkrinsen var tretti alner målt med målesnor.
- <sup>24</sup>Nedanfor kanten var det prydd med graskar heile vegen rundt. Dei omkransa heile havet, ti på kvar alen. Det var to rader med graskarutsmykkingar, støypte i eitt med havet.
- <sup>25</sup>Havet stod på tolv oksar. Tre snudde mot nord, tre mot vest, tre mot sør og tre mot aust, og dei stod alle med bakkroppen innover. Havet kvilte på dei.
- <sup>26</sup> Det var ei handsbreidd tjukt, og kanten var laga som kanten på eit beger, forma som ein lotusblom. Havet romma to tusen bat.
- <sup>27</sup>Så laga han ti vognstativ i bronse. Kvart stativ var fire alner langt, fire alner breitt og tre alner høgt.
- <sup>28</sup>Vognstativa var laga slik: Dei hadde tverrlistar, og tverrlistene låg mellom rammelistene.
- <sup>29</sup>På tverrlistene mellom rammelistene var det løver, oksar og kjerubar, og det var det òg på rammelistene. Under løvene og oksane var det kransar av hamra arbeid.
- <sup>30</sup>Kvart vognstativ hadde fire hjul av bronse og akslar av bronse. På dei fire føtene var det berearmar som var støypte på under vassfatet. Bak kvar av dei var det kransar.

<sup>31</sup>Opninga for kvart vognstativ var innanfor kransen og nådde ei alen opp over han. Opninga var rund, hadde form som ein sokkel og var på halvanna alen. Det var utskjeringar på opninga òg. Men tverrlistene var firkanta, ikkje runde.

<sup>32</sup>Dei fire hjula var under tverrlistene, og hjulakslane sat på vognstativet. Kvart hjul var halvanna alen høgt.

<sup>33</sup>Hjula var laga som vognhjul; akslane, hjulringane, eikene og nava – alt saman var støypt.

<sup>34</sup>Dei fire berearmene var feste til dei fire hjørna på kvart vognstativ. Berearmene var ein del av stativet.

<sup>35</sup>Øvst på kvart vognstativ gjekk ein runding som var ei halv alen høg. Handtaka og berearmene sat øvst og var støypte i eitt med stativet.

<sup>36</sup>På flatsida av handtaka og på tverrlistene skar han ut kjerubar, løver og palmar etter som det var rom til, og kransar rundt ikring.

<sup>37</sup>Slik laga han dei ti vognstativa. Dei var alle støypte på same vis og hadde same mål og form.

<sup>38</sup> Så laga han ti bronsefat. Kvart fat tok førti bat og målte fire alner. Det var eitt fat for kvart av dei ti vognstativa.

<sup>39</sup> Fem av vognstativa sette han på høgre sida av tempelet og fem på venstre sida. Havet sette han på høgre sida av huset, mot søraust.

<sup>40</sup> Hiram laga grytene, eldskuffene og offerskålene. Med dette hadde Hiram fullført alt handverksarbeidet han skulle gjera for kong Salomo til Herrens hus:

<sup>41</sup>to søyler; to skåler på søylehovuda øvst på søylene; to slyngornament til å dekkja dei to skålene;

<sup>42</sup>dei fire hundre granatepla til dei to slyngornamenta – to rader med granateple til kvart ornament, til å dekkja dei to skålene på søylehovuda øvst på søylene;



- <sup>43</sup>dei ti vognstativa og dei ti fata til kvart av dei;
- <sup>44</sup>havet – det var berre eitt – og dei tolv oksane under det;
- <sup>45</sup>grytene, eldskuffene og offerskålene. Alt dette utstyret som Hiram laga for kong Salomo til Herrens hus, var av skinande bronse.
- <sup>46</sup>Det var på Jordan-sletta kongen fekk dei støypte, i den faste leirjorda mellom Sukkot og Saretan.
- <sup>47</sup>Salomo sette på plass alt utstyret, som var i slike mengder at det ikkje lét seg seia kor mykje bronsen vog.
- <sup>48</sup> Salomo fekk òg laga alt det andre som skulle vera i Herrens hus: gullaltaret og gullbordet som skodebrøda skulle liggja på;
- <sup>49</sup>lysestakane, fem til høgre og fem til venstre framfor Det høgheilage, av reint gull, blomeornamenta, lampene og tengene av gull;
- <sup>50</sup>bollane, knivane, offerskålene, kannene og glopannene av reint gull. Panelet på dørene til det inste rommet, Det høgheilage, og panelet på dørene til tempelhallen var lagt med gull.
- <sup>51</sup> Så var det fullført, alt arbeidet som kong Salomo hadde gjort på Herrens hus. Og han flytte dit det som David, far hans, hadde vigd til Herren, både sølvet og gullet og alt utstyret. Han la det inn i skattkammera i Herrens hus.

## 1. Kongebok 8

### Paktkista blir sett på plass

- <sup>1</sup> Så samla Salomo dei eldste i Israel og alle stammehovdingane, leiarane for familiane, hos seg i Jerusalem. Dei skulle føra Herrens paktkiste opp frå Davidsbyen, det er Sion.
- <sup>2</sup> Og alle menn i Israel samla seg hos kong Salomo på festen i etanim månad, det er den sjuande månaden i året.
- <sup>3</sup> Då alle dei eldste i Israel var komne, lyfte prestane kista,

<sup>4</sup>og dei førte Herrens paktkiste opp saman med teltheilagdomen og alt det heilage utstyret som var i teltet. Det var prestane og levittane som bar dei.

<sup>5</sup>Kong Salomo stod framfor kista saman med heile Israels forsamling, som hadde samla seg hos han. Dei ofra småfe og storfe i slik mengd at ingen kunne telja eller rekna dei.

<sup>6</sup>Så bar prestane Herrens paktkiste inn og sette henne der ho skulle stå, i det inste tempelrommet, i Det høgheilage, under vengene på kjerubane.

<sup>7</sup>For kjerubane breidde vengene ut over staden der kista stod, så dei dekte både kista og berestengene ovanfrå.

<sup>8</sup>Stengene var så lange at ein kunne sjå endane av dei frå Det heilage framfor Det høgheilage, men ikkje utanfrå. Der har dei vore til denne dag.

<sup>9</sup>I kista fanst det ikkje anna enn dei to steintavlene som Moses hadde lagt ned der ved Horeb, den gongen Herren gjorde pakt med israellittane då dei drog ut frå Egypt.

<sup>10</sup> Då prestane gjekk ut av heilagdomen, fylte skya Herrens hus.

<sup>11</sup>Prestane kunne ikkje stå og gjera teneste på grunn av skya; for Herrensherlegdom fylte tempelet.

### **Salomos bøn ved tempelvigsla**

<sup>12</sup> Då sa Salomo: Herren har sagt at han vil bu i ei mørk sky.

<sup>13</sup> Men no har eg bygd deg ein staseleg bustad, ein stad der du kan bu i all tid.

<sup>14</sup> Så snudde kongen seg og velsigna heile Israels forsamling medan dei stod.

<sup>15</sup>Han sa: Velsigna er Herren, Israels Gud, som med si hand har fullført det han med sin munn lova David, far min, då han sa:

<sup>16</sup> «Frå den dagen eg førte Israel, folket mitt, ut frå Egypt, har eg ikkje valt ut nokon by i alle Israel-stammene for at det skulle byggjast eit hus der til bustad for namnet mitt. Men eg valde David til å råda over Israel, folket mitt.»

**17** David, far min, hadde i tankar å byggja eit hus for namnet til Herren, Israels Gud.

**18** Men Herren sa til David, far min: «Då du hadde i tankar å byggja eit hus for namnet mitt, var tanken god.

**19** Likevel, det er ikkje du som skal byggja huset, men son din, som er av ditt eige kjøt og blod. Han skal byggja huset for namnet mitt.»

**20** No har Herren halde det ordet han tala. Eg har følgd etter David, far min, og teke sete på Israels kongsstol, slik Herren har sagt, og eg har bygd huset for namnet til Herren, Israels Gud.

**21** Der har eg sytt for ein stad for paktkista som inneheld den pakta Herren gjorde med fedrane våre då han førte dei ut frå Egypt.

**22** Så stod Salomo fram for Herrens altar midt framfor heile Israels forsamling. Han breidde hendene ut mot himmelen

**23** og sa: Herre, Israels Gud! Det finst ingen Gud som du, korkje oppe i himmelen eller her nede på jorda. Du held pakta og gjer godt mot tenarane dine når dei ferdast heilhjarta for ditt andlet.

**24** Du har halde den lovnaden du gav din tenar David, far min. Med di hand har du oppfylt det du lova med din munn, som det viser seg i dag.

**25** Så hald då, Herre, Israels Gud, den lovnaden du gav din tenar David, far min, då du sa: «Det skal aldri mangla ein mann av di ætt til å sitja på Israels kongsstol for mitt andlet, så sant sønene dine aktar på si ferd og vandrar for mitt andlet slik som du har gjort.»

**26** Lat det no stå fast, Herre, Israels Gud, det ordet du tala til din tenar David, far min!

**27** Men bur Gud verkeleg på jorda? Sjå, himmelen og himlars himmel kan ikkje rømme deg, langt mindre dette huset som eg har bygd!

**28** Vend deg mot bøna til tenaren din og ropet hans om nåde, Herre, min Gud! Høyr ropet frå tenaren din og den bøna han i dag bed for ditt andlet!

<sup>29</sup>Hald auga dine opne over dette huset natt og dag. Vak over den staden der du har lova at namnet ditt skal bu. Høyr dei bønene som tenaren din ber fram, vend mot denne staden!

<sup>30</sup>Ja, høyr den bøna om nåde som tenaren din og Israel, folket ditt, bed, vende mot denne staden! Høyr dei i himmelen der du bur, høyr og tilgjev!

<sup>31</sup>Når ein mann skader nesten sin og det blir kravd at han skal gjera eid, og han så kjem og sver framfor altaret ditt i dette huset,

<sup>32</sup>då må du høyra det i himmelen, gripa inn og skifta rett mellom tenarane dine. Døm den urettferdige skuldig og lat framferda hans koma att på han sjølv! Frikjenn den rettferdige og lat han få løn for si rettferd!

<sup>33</sup>Når Israel, folket ditt, blir slege av fienden fordi dei har synda mot deg, men så vender om til deg og prisar namnet ditt, bed og ropar til deg om nåde i dette huset,

<sup>34</sup>då må du høyra det i himmelen og tilgje Israel, folket ditt, synda deira. Før dei tilbake til det landet du gav fedrane deira.

<sup>35</sup>Når himmelen er stengd så det ikkje kjem regn fordi dei har synda mot deg, men dei så bed til deg, vende mot denne staden, prisar namnet ditt og vender om frå synda si fordi du har audmjuka dei,

<sup>36</sup>då må du høyra det i himmelen og tilgje tenaren din og Israel, folket ditt, synda deira. For du lærer dei den gode vegen dei skal gå. Send då regn over landet ditt, landet du har gjeve folket ditt som eigedom.

<sup>37</sup>Når det blir hunger og naud i landet, når det kjem pest, når det kjem kornsot og svartrust, grashopper og larvar, når fienden kringset byane i landet – same kva slag plage og sjukdom det er –

<sup>38</sup>og så ein eller annan eller heile folket ditt, Israel, ber fram bønner og rop om nåde fordi dei kjenner at det stikk dei i hjartet, og breier ut hendene sine mot dette huset,

<sup>39</sup> då må du høyra det i himmelen der du tronar. Tilgjev, grip inn og gjev kvar og ein att etter framferda hans, du som kjenner hjartet hans. For du er den einaste som kjenner hjartet i kvart menneske!

<sup>40</sup>Så skal dei frykta deg alle dei dagane dei lever i landet du gav fedrane våre.

<sup>41</sup>Det kan òg henda at framande som ikkje høyrer til Israel, folket ditt, kjem frå eit land langt borte for ditt namn skuld.

<sup>42</sup>For dei får nok høyra om ditt store namn, di sterke hand og din utstrekke arm. Når dei så kjem og bed, vende mot dette huset,

<sup>43</sup> då må du høyra dei i himmelen der du tronar, og gjera alt det dei ropar til deg om! Slik skal alle folk på jorda læra namnet ditt å kjenna, og dei skal frykta deg liksom ditt eige folk, Israel, og sanna at namnet ditt er nemnt over dette huset som eg har bygd.

<sup>44</sup>Når folket ditt dreg ut i krig mot fienden, kvar du så sender dei, og dei bed til Herren, vende mot den byen som du har valt deg ut, og mot det huset som eg har bygd for namnet ditt,

<sup>45</sup>då må du i himmelen høyra bønene deira og ropa om nåde og hjelpa dei til deira rett.

<sup>46</sup> Når folket syndar mot deg – for det finst ikkje noko menneske som ikkje syndar – så blir du harm på dei og gjev dei i fiendens hand, som fører dei i fangenskap, til fiendelandet, anten det no er langt borte eller nær.

<sup>47</sup> Men så går dei i seg sjølve i det landet der dei blir haldne i fangenskap, og vender om og bed til deg om nåde der i landet og seier: «Vi har synda, bore oss ille åt og gjort urett.»

<sup>48</sup> Om dei då vender om til deg av heile sitt hjarte og heile sin hug der i fiendeland, hos dei som tok dei til fange, og bed til deg vende mot det landet du gav fedrane deira, mot byen som du har valt ut, og mot huset som eg har bygd for namnet ditt,

<sup>49</sup>då må du i himmelen der du tronar, høyra bønene deira og ropa deira om nåde og hjelpa dei til deira rett.

<sup>50</sup>Tilgjev folket ditt alle brota og syndene dei har gjort mot deg. Lat dei møte miskunn hos dei som held dei i fangenskap, så dei miskunnar seg over dei.

<sup>51</sup> For dei er ditt folk og din eigedom, som du førte ut frå Egypt, midt ut av smelteomnen.

<sup>52</sup>Lat auga dine vera opne for dei bønner og rop om nåde som stig opp frå tenaren din og frå folket ditt, Israel, og høyr alltid på dei når dei ropar på deg.

<sup>53</sup> For du, Herre Gud, har skilt dei ut som din eigedom frå alle folkeslag på jorda, slik du sa gjennom Moses, tenaren din, då du førte fedrane våre ut frå Egypt.

### Tempelvigsla

<sup>54</sup>Då Salomo hadde enda heile denne bøna til Herren om nåde, reiste han seg opp framfor Herrens altar, der han hadde lege på kne med hendene utbreidde mot himmelen.

<sup>55</sup> Ståande velsigna han heile Israels forsamling med høg røyst og sa:

<sup>56</sup> Velsigna er Herren som har gjeve Israel, folket sitt, ro, så som han lova. Ikkje eitt av alle dei gode orda som han tala gjennom Moses, tenaren sin, har falle til jorda.

<sup>57</sup> Måtte Herren vår Gud vera med oss slik han var med fedrane våre! Måtte han ikkje forlata oss og ikkje støyta oss frå seg,

<sup>58</sup>men bøya hjartet vårt til seg, så vi går på vegane hans og held dei boda, forskriftene og lovene som han la på fedrane våre.

<sup>59</sup>Måtte desse orda mine som eg har bede for Herrensandlet, vera nær Herren vår Gud dag og natt, så han hjelper tenaren sin og Israel, folket sitt, til retten dei treng dag for dag.

<sup>60</sup> Då skal alle folk på jorda sanna at Herren er Gud, han og ingen annan.

<sup>61</sup>Hald dykk heilhjarta til Herren vår Gud, så de følgjer forskriftene hans og held boda, som de gjer i dag.

<sup>62</sup> Så ofra kongen og heile Israel med han slaktoffer til Herren.

<sup>63</sup>Og Salomo bar fram fredsofferet for Herren. Det var 22 000 oksar og 120 000 sauer. Slik vigsla kongen og alle israellittane Herrens hus.

<sup>64</sup>Same dagen helga kongen den midtre delen av føregarden framfor Herrens hus. Der bar han fram brennofferet, grødeofferet og feittstykkka frå fredsofferet. For bronsealtaret som stod for Herrens andlet, var for lite til å rømme både brennofferet, grødeofferet og feittstykkka frå fredsofferet.

<sup>65</sup> På same tid heldt Salomo festen, og heile Israel med han. Det var ei stor forsamling som var komen saman heilt frå Lebo-Hamat til Egyptarbekken. I sju dagar og sju dagar til, i alt fjorten dagar, heldt dei høgtid for Herren vår Guds andlet.

<sup>66</sup>Den åttande dagen lét han folket fara. Dei bad farvel med kongen og drog heim, kvar til sitt, lukkelege og glade for alt det gode Herren hadde gjort mot David, tenaren sin, og Israel, folket sitt.

## 1. Kongebok 9

### Guds svar på Salomos bøn

<sup>1</sup> Då Salomo var ferdig med å byggja Herrens hus, kongeborga og alt det andre som han ønskte å gjera,

<sup>2</sup>synte Herren seg for han andre gongen slik han hadde synt seg for han i Gibeon,

<sup>3</sup> og sa til han: Eg har høyrte bøna di og ropet om nåde som du bar fram for meg. Eg har helga huset som du har bygd, og vil la namnet mitt bu der for all tid. Auga mine og hjartet mitt skal alle dagar vera vende mot det.

<sup>4</sup>Og du, så sant du ferdast for mitt andlet med eit heilt og ærleg hjarte, som David, far din, gjorde, gjer alt det eg har sagt deg, og held forskriftene og lovene mine,

<sup>5</sup> då skal eg tryggja din kongsstol i Israel for all tid, slik som eg lova David, far din, då eg sa: «Det skal aldri mangla ein mann av di ætt på Israels kongsstol.»

<sup>6</sup> Men vender de og borna dykkar seg bort frå meg og ikkje held dei boda og forskriftene som eg har gjeve dykk, men tek til å dyrka andre gudar og tilbed dei,

<sup>7</sup> då skal eg rydda israelittane ut av det landet eg gav dei. Det huset som eg har helga til namnet mitt, vil eg kasta bort frå mitt andlet, og Israel skal bli eit ordtak og eit spottord mellom alle folk.

<sup>8</sup> Om dette huset er aldri så ruvande, skal alle som fer framom, bli forfærde og plystra hånleg og spørja: «Kvifor har Herrengjort slik med dette landet og dette huset?»

<sup>9</sup> Og då skal folk svara: «Det er fordi dei forlét Herren sin Gud, han som førte fedrane deira ut frå Egypt, og heldt seg til andre gudar, som dei tilbad og dyrka. Difor har Herren ført all denne ulukka over dei.»

### **Byggjearbeid og handel**

<sup>10</sup> Då dei tjue åra var gått som Salomo hadde brukt til å byggja dei to husa, Herrens hus og kongeborga,

<sup>11</sup> gav han Hiram, kongen i Tyros, tjue byar i Galilea. For Hiram hadde hjelpt han med sedertre, sypresstre og gull, så mykje han ønskte seg.

<sup>12</sup> Men då Hiram kom frå Tyros for å sjå på dei byane som Salomo hadde gjeve han, lika han dei ikkje.

<sup>13</sup> Han sa: «Kva er dette for byar du har gjeve meg, min bror?» Han kalla dei Kabul-landet, og det heiter det den dag i dag.

<sup>14</sup> Men Hiram sende kongen hundre og tjue talentar gull.

<sup>15</sup> Slik hadde det seg med det pliktarbeidet som kong Salomo sette i gang då han skulle byggja Herrens hus, sitt eige hus, Millo og murane kring Jerusalem, like eins Hasor, Megiddo og Geser:



<sup>16</sup> Faraο, kongen i Egypt, hadde gjort ei hærferd og teke Geser. Han sette byen i brann og drap alle kanaanearane som budde der. Sidan gav han byen i medgift til dotter si, som vart gift med Salomo.

<sup>17</sup> Salomo bygde opp att Geser og Nedre Bet-Horon,

<sup>18</sup> Baalat og Tamar i øydemarka der i landet,

<sup>19</sup> og alle byane der Salomo hadde lagerhus, og dei byane der han hadde vognene og hestane sine. Salomo bygde òg alt han ønskte seg både i Jerusalem og i Libanon, i heile det riket han rådde over.

<sup>20</sup> Framleis var det att i landet amorittar, hetittar, perisittar, hevittar og jebusittar, folk som ikkje hørde til Israelsfolket.

<sup>21</sup> Salomo la pliktarbeid på etterkomarane av desse folka, så mange som endå var att fordi israelittane ikkje hadde makta å utrydda dei, la Salomo pliktarbeid på. Slik har det vore til denne dag.

<sup>22</sup> Men han sette ingen av israelittane til å gjera slavearbeid; dei var krigarar, hoffmenn, befalingsmenn, våpenberarar og vognkommandantar og ryttrarar.

<sup>23</sup> Arbeidsformennene til Salomo var fem hundre og femti i talet. Dei hadde tilsyn med arbeidsfolket.

<sup>24</sup> Så snart dotter til faraο hadde flytt frå Davidsbyen opp til det huset han hadde bygd til henne, gjekk han i gang med å byggja Millo.

<sup>25</sup> Tre gonger om året bar Salomo fram brennoffer og fredsoffer på det altaret han hadde bygd for Herren, og han brende røykjelse for Herrensandlet. Slik vart tempelet ferdig.

<sup>26</sup> Kong Salomo bygde ein flåte i Esjon-Geber, som ligg ved Eilat, i Edomlandet ved kysten av Sivsjøen.

<sup>27</sup> På desse skipa sende Hiram nokre av mennene sine som var sjøfolk og kjende havet, av stad saman med mennene til Salomo.

<sup>28</sup> Dei drog til Ofir og henta gull, fire hundre og tjue talentar, som dei førte til kong Salomo.

## 1. Kongebok 10

### Dronninga av Saba besøker Salomo

<sup>1</sup> Då dronninga av Saba fekk høyra om Salomo og det han hadde gjort for Herrens namn, kom ho og ville prøva han med gåter.

<sup>2</sup> Ho kom til Jerusalem med eit stort følgje, med kamelar som bar balsamoljar, store mengder gull og edelsteinar. Ho steig fram for Salomo og tala med han om alt som låg henne på hjartet.

<sup>3</sup> Og Salomo tydde alle gåtene hennar. Det fanst ikkje noko som var løynt for kongen så han ikkje kunne gje henne svar.

<sup>4</sup> Då dronninga av Saba fekk sjå all visdomen til Salomo, huset han hadde bygd,

<sup>5</sup> rettene på bordet hans, hoffmennene der dei sat, tenarane som varta opp, og kleda deira, munnskjenkane til kongen og brennoffera som han bar fram i Herrens hus, mista ho heilt pusten.

<sup>6</sup> Ho sa til kongen: «Så var det då sant, det eg høyrde heime i landet mitt om deg og visdomen din!

<sup>7</sup> Eg trudde ikkje det dei fortalde, før eg kom og fekk sjå det med egne auge. Men no ser eg at dei fortalde meg ikkje halvparten. Du er både visare og rikare enn eg har høyr.

<sup>8</sup> Lukkelege er mennene dine, og lukkelege er desse tenarane, som alltid får stå hos deg og høyra visdomen din!

<sup>9</sup> Velsigna vere Herren din Gud, som hadde slik godvilje for deg at han sette deg på Israels kongsstol. Fordi Herren alltid har Israel kjær, har han sett deg til konge, så du skal fremja rett og rettferd.»

<sup>10</sup> Så gav ho kongen eitt hundre og tjue talentar gull, balsamoljar i stor mengd og edelsteinar. Det har aldri sidan kome slik ei mengd med balsamoljar til landet som det dronninga av Saba gav kong Salomo.

<sup>11</sup> Flåten til Hiram som henta gull frå Ofir, hadde òg med seg store mengder sandeltre og edelsteinar derifrå.

<sup>12</sup>Av sandeltreet fekk kongen laga utsmykkingar til Herrens hus og kongeborga og lyrer og harper til songarane. Aldri har det kome så mykje sandeltre til landet, og så mykje har ikkje vore å sjå til denne dag.

<sup>13</sup>Kong Salomo gav dronninga av Saba alt det ho hadde lyst på og bad om, i tillegg til det som sømde seg for så mektig ein konge som Salomo å gje henne. Så braut ho opp og drog heim att til landet sitt saman med tenarane sine.

### **Salomos rikdom**

<sup>14</sup>Det gullet som Salomo fekk inn på eitt år, vog 666 talentar.

<sup>15</sup>Attåt det kom avgiftene frå kjøpmennene og inntektene frå karavanehandlarane, frå alle arabarkongane og frå statthaldarane i landet.

<sup>16</sup> Kong Salomo fekk laga to hundre store skjold av hamra gull; til kvart skjold gjekk det med seks hundre sjekel gull.

<sup>17</sup> Han fekk òg laga tre hundre små skjold av hamra gull; til kvart av dei gjekk det med tre miner gull. Alle desse skjolda sette kongen i Libanon-skoghuset.

<sup>18</sup>Kongen fekk òg laga ein stor kongsstol av elfenbein og kledde han med reint gull.

<sup>19</sup>Seks steg førte opp til trona, og stolryggen var runda øvst. På begge sider av setet var det armlene, og ved kvart av dei stod det ei løve.

<sup>20</sup>På dei seks trappestega stod det tolv løver, seks på kvar side. Ein slik kongsstol har aldri vore laga i noko anna kongerike.

<sup>21</sup>Alle drikkekara til kong Salomo var av gull, og alt utstyret i Libanon-skoghuset var av reint gull. Ingen ting var av sølv; sølvet vart ikkje rekna for noko i Salomos dagar.

<sup>22</sup> For kongen hadde Tarsis-skip på havet saman med skipa til Hiram. Ein gong kvart tredje år kom Tarsis-skipa heim lasta med gull og sølv, elfenbein, apekattar og påfuglar.

<sup>23</sup>Kong Salomo vart større enn alle kongane på jorda i rikdom og visdom.

<sup>24</sup>Og frå heile verda søkte dei Salomo for å høyra visdomen som Gud hadde lagt ned i hjartet hans.

<sup>25</sup>Kvart år kom dei med gåver til han, ting av sølv og gull, kapper, våpen, balsamoljar, hestar og muldyr.

<sup>26</sup> Salomo samla vogner og hestar. Han hadde fjorten hundre vogner og tolv tusen hestar. Han plasserte dei i vognbyane og hos seg sjølv i Jerusalem.

<sup>27</sup> Kongen gjorde sølv like vanleg i Jerusalem som stein, og sedertre like vanleg som morbærtre i låglandet.

<sup>28</sup> Hestane sine fekk Salomo frå Egypt og frå Kue. Kjøpmennene hans henta dei i Kue mot betaling.

<sup>29</sup>Kvar vogn som vart ført inn frå Egypt, kosta seks hundre sjekel sølv, og kvar hest eitt hundre og femti sjekel. Så selde dei hestar og vogner vidare til hetittkongane og aramearkongane.

## 1. Kongebok 11

### Skuggar over Salomos styre

<sup>1</sup> Kong Salomo elska mange framande kvinner forutan dotter til farao. Det var kvinner frå Moab, Ammon, Edom, Sidon og hetittlandet.

<sup>2</sup> Dei høyrde til dei folka Herren hadde tala om då han sa til israelittane: «De skal ikkje blanda dykk med dei, og dei ikkje med dykk. Elles kjem dei til å venda hjartet dykkar til gudane sine.» Det var desse kvinnene Salomo heldt seg til og elska.

<sup>3</sup>Han hadde sju hundre koner med fyrsteleg rang og tre hundre følgjekoner, og dei førte hjartet hans på avvegar.

<sup>4</sup>Det var då Salomo vart gammal at konene hans fekk vendt hjartet hans til andre gudar. Hjartet hans var ikkje lenger heilt med Herrenhans Gud, slik hjartet til David, far hans, hadde vore.

<sup>5</sup> Salomo følgde Astarte, gudinna til sidonarane, og Milkom, den motbydelege guden til ammonittane.

<sup>6</sup>Og han gjorde det som var vondt i Herrens auge, og følgde ikkje Herren fullt og heilt slik far hans, David, hadde gjort.

<sup>7</sup>På den tid bygde Salomo ein offerhaug for Kemosj, den motbydelege guden til moabittane, på den høgda som ligg midt imot Jerusalem, og ein for Molok, den motbydelege guden til ammonittane.

<sup>8</sup>Dette gjorde han for alle dei framande konene sine, som kveikte offereld og bar fram slakteroffer til gudane sine.

<sup>9</sup>Då vart Herren harm på Salomo fordi han hadde vendt hjartet sitt bort frå Herren, Israels Gud, som hadde synt seg for han to gonger

<sup>10</sup>og gjeve han det bodet at han ikkje skulle følgja andre gudar; men han hadde ikkje retta seg etter Herrens bod.

<sup>11</sup>Og Herren sa til Salomo: «Sidan du har bore deg slik åt og ikkje halde den pakta eg gjorde med deg, og dei forskriftene eg gav deg, skal eg riva riket frå deg og gje det til ein i di teneste.

<sup>12</sup>Men for far din, David, si skuld vil eg ikkje gjera det så lenge du lever; det er son din eg vil riva det frå.

<sup>13</sup>Heile riket vil eg likevel ikkje ta frå han. Ein stamme vil eg gje han for min tenar Davids skuld og for Jerusalem's skuld, den byen eg har valt ut.»

<sup>14</sup>Så reiste Herren opp ein motstandar for Salomo. Det var edomitten Hadad, som hørde kongsetta i Edom til.

<sup>15</sup>For den gongen David slo Edom, drog hærføraren Joab opp for å gravleggja dei falne. Han slo òg i hel alle menn i Edom.

<sup>16</sup>I seks månader heldt Joab seg der med heile Israels-hæren til han hadde utrydda alle menn i Edom.

<sup>17</sup>Då rømde Hadad saman med nokre edomittar, nokre av mennene til far hans. Hadad var nokså ung den gongen.

<sup>18</sup>Dei braut opp frå Midjan og kom til Paran. Der fekk dei med seg nokre menn og kom så til Egypt, til farao, kongen i landet. Han gav Hadad eit hus, sytte for mat til han og lét han få jord.

<sup>19</sup>Farao såg med stor velvilje på Hadad og gav han svigerinna si, syster til dronning Tahpenes, til kone.

<sup>20</sup>Syster til Tahpenes fødte han sonen Genubat. Tahpenes fostra han opp i huset til farao, og sidan vart han verande i huset til farao mellom sønene hans.

<sup>21</sup>Medan Hadad var i Egypt, fekk han vita at David hadde gått til kvile hos fedrane sine, og at Joab, hærføraren, var død. Då sa han til farao: «Lat meg få fara heim til mitt eige land.»

<sup>22</sup>Farao spurde: «Kva er det du saknar her hos meg sidan du vil fara heim til landet ditt?» Han svara: «Ingen ting, men lat meg få fara likevel.»

<sup>23</sup> Gud reiste opp endå ein motstandar mot Salomo. Det var Reson, son til Eljada. Han hadde rømt frå Hadadeser, herren sin, kongen i Soba.

<sup>24</sup>Reson samla folk omkring seg og vart hovding for ein røvarflokk. Den gongen David drap mange av dei, drog dei til Damaskus. Dei slo seg ned der og gjorde seg til herrar i byen.

<sup>25</sup>Reson var Israels motstandar så lenge Salomo levde. Både han og Hadad valda Israel skade. Han var konge over Aram og hata Israel.

### **Jeroboam gjer opprør**

<sup>26</sup> Jeroboam var son til Nebat frå Sereda i Efraim. Mor hans heitte Serua og var enkje. Han var i teneste hos Salomo, men reiste seg mot kongen.

<sup>27</sup> Og slik gjekk det til då Jeroboam lyfte handa si mot kongen: Salomo heldt på og bygde Millo og tetta den opninga i muren kring byen som bar namn etter David, far hans.

<sup>28</sup> No var Jeroboam ein dugande kar, og då Salomo såg at ungguten gjorde godt arbeid, sette han Jeroboam til å ha tilsyn med alt pliktarbeidet som Josefs hus laut gjera.

<sup>29</sup> Ein gong på denne tida gjekk Jeroboam ut av Jerusalem. Då kom profeten Ahia frå Sjiilo imot han på vegen. Ahia var kledd i ei ny kappe. Dei to var åleine ute på marka.

<sup>30</sup>Ahia tok tak i den nye kappa han hadde på seg, reiv henne i tolv stykke

<sup>31</sup>og sa til Jeroboam: Ta du ti av stykka! For så seier Herren, Israels Gud: Eg vil riva riket ut av hendene på Salomo og gje dei ti stammene til deg.

<sup>32</sup> Berre den eine stammen skal vera hans for Davids skuld, han som var tenaren min, og for Jerusalem's skuld, den byen eg har valt ut blant alle Israel-stammene.

<sup>33</sup> Det gjer eg fordi dei har vendt seg frå meg og tilbede Astarte, gudinna til sidonarane, Kemosj, guden til moabittane, og Milkom, guden til ammonittane. Dei har ikkje gått på mine vegar og har ikkje gjort det som rett er i mine auge. Dei har ikkje halde forskriftene og lovene mine som far hans, David, gjorde.

<sup>34</sup> Likevel vil eg ikkje ta noko av riket frå han sjølv; eg lèt han få vera fyrste så lenge han lever, for min tenar Davids skuld, han som eg valde ut, og som heldt seg til boda og forskriftene mine.

<sup>35</sup>Eg vil ta riket ut av hendene på son hans og gje dei ti stammene til deg.

<sup>36</sup> Men éin stamme vil eg gje son hans, for at David, tenaren min, alltid skal ha ei lampe for mitt andlet i Jerusalem, den byen eg har valt ut til bustad for namnet mitt.

<sup>37</sup>Deg lèt eg rå over alt det du ønskjer; du skal vera konge over Israel.

<sup>38</sup>Og høyrer du på alt det eg seier deg, går du på mine vegar og gjer det som er rett i mine auge, held du forskriftene og boda mine, som David, tenaren min, gjorde, så skal eg vera med deg og byggja deg eit hus som blir ståande, så som eg gjorde for David, og eg skal gje deg Israel.

<sup>39</sup>Davids-ætta vil eg audmjuka for det som er gjort, men ikkje for all framtid.

<sup>40</sup> Salomo freista no å drepa Jeroboam. Men Jeroboam braut opp og rømde til Egypt, til Sjisjak, som var konge der. Og han vart verande i Egypt til Salomo var død.

### Salomo døy

<sup>41</sup> Det som elles er å seia om Salomo, om alt det han utretta, og om visdomen hans, det står skrive i krønikeboka til Salomo.

<sup>42</sup>I førti år var Salomo konge i Jerusalem og rådde over heile Israel.

<sup>43</sup>Så gjekk Salomo til kvile hos fedrane sine. Han vart gravlagd i byen til David, far sin. Rehabeam, son hans, vart konge etter han.

## 1. Kongebok 12

### Riket blir delt

<sup>1</sup> Rehabeam fór til Sikem, for heile Israel var kome dit og skulle gjera han til konge.

<sup>2</sup>Dette fekk Jeroboam, son til Nebat, høyra. Han var endå i Egypt. Dit hadde han rømt for kong Salomo, og der hadde han vorte buande.

<sup>3</sup>No sende dei bod etter Jeroboam. Og så kom han og heile Israel samla til Rehabeam og sa:

<sup>4</sup>«Far din la eit tungt åk på oss. Men no må du letta det harde arbeidet og det tunge åket som far din la på oss, så skal vi tena deg.»

<sup>5</sup>Men han svara dei: «Gå bort og kom så tilbake til meg om tre dagar!» Og folket gjekk sin veg.

<sup>6</sup>Kong Rehabeam samrånne seg først med dei gamle, dei som hadde gjort teneste hos Salomo, far hans, medan han levde. Han spurde: «Kva rår de meg til å svara dette folket?»

<sup>7</sup>Dei svara: «Om du i dag gjer deg til tenar for dette folket så du tener dei og svarar dei med venlege ord, då kjem dei til å tena deg alle dine dagar.»

<sup>8</sup>Men Rehabeam vraka rådet dei gamle gav han. Han spurde dei unge til råds, dei som hadde vakse opp saman med han, og som no gjorde teneste hos han.



<sup>9</sup>«Kva rår de oss til å svara dette folket?» spurde han. «Dei har bede meg letta det åket far min la på dei.»

<sup>10</sup>Då svara dei unge som hadde vakse opp saman med han: «Folket sa til deg: Far din la eit tungt åk på oss. Du må gjera det lettare for oss! Men slik skal du svara dei: Veslefingeren min er tjukkare enn midja til far min.

<sup>11</sup>Far min la eit tungt åk på dykk, eg skal gjera det endå tyngre. Far min tukta dykk med sveper, eg skal tukta dykk med piggreimar.»

<sup>12</sup>Tredje dagen kom Jeroboam og heile folket til Rehabeam, slik som kongen hadde bede dei om då han sa: «Kom hit att til meg om tre dagar!»

<sup>13</sup>Kongen gav dei no eit hardt svar. Han brydde seg ikkje om rådet dei gamle hadde gjeve han,

<sup>14</sup>og svara slik dei unge hadde rådd han til: «Far min la eit tungt åk på dykk, eg skal gjera det endå tyngre. Far min tukta dykk med sveper, eg skal tukta dykk med piggreimar.»

<sup>15</sup> Kongen hørde ikkje på folket, for Herren hadde styrt det så for å oppfylle ordet han hadde tala til Jeroboam, son til Nebat, gjennom Ahia frå Sjilo.

<sup>16</sup> Då no heile Israel såg at kongen ikkje ville høyra på dei, gav dei han dette svaret: «Kva for del har vi i David? Vi har ingen lut i Isai-sonen. Heim til telta dine, Israel! Syt no, David, for ditt eige hus!» Så fór israelittane heim att.

<sup>17</sup>Rehabeam vart ikkje konge over andre israelittar enn dei som budde i byane i Juda.

<sup>18</sup> Kong Rehabeam sende Adoniram til dei, han som hadde tilsyn med pliktarbeidet. Men israelittane steina han i hel. Rehabeam klarte å redde seg opp i vogna si og rømme til Jerusalem.

<sup>19</sup> Slik gjorde Israel opprør mot Davids hus, og slik har det vore til denne dag.

### **Jeroboam blir konge over dei ti stammene**

<sup>20</sup>Då israelittane fekk høyra at Jeroboam var komen tilbake, sende dei bod etter han og henta han til folkeforsamlinga. Der gjorde dei han til konge over heile Israel. Berre Juda-stammen heldt seg til Davids hus.

<sup>21</sup> Så snart Rehabeam var komen til Jerusalem, samla han heile Judas hus og Benjamin-stammen, hundre og åtti tusen utvalde krigarar. Dei skulle strida mot Israels hus og vinna kongsmakta tilbake for Rehabeam, son til Salomo.

<sup>22</sup>Då kom Guds ord til gudsmannen Sjemaja:

<sup>23</sup>«Sei til Juda-kongen Rehabeam, son til Salomo, til heile Judas og Benjamins hus og til resten av folket:

<sup>24</sup>Så seier Herren: De skal ikkje fara opp og strida mot israelittane, brørne dykkar. Far heim att, kvar til sitt hus! For det som har hendt, er kome frå meg.» Då lydde dei Herrens ord; dei snudde og fór heim att, som Herren hadde sagt.

### **Heilagdomane i Betel og Dan**

<sup>25</sup> Jeroboam bygde ut Sikem i Efraim-fjella og busette seg der. Sidan flytte han derifrå og bygde ut Penuel.

<sup>26</sup>Jeroboam sa til seg sjølv: «Riket kan snart gå attende til Davids hus.

<sup>27</sup>Skal dette folket fara opp til Jerusalem og bera fram offer i Herrens hus, kan dei igjen koma til å venda hjartet sitt til Juda-kongen, Rehabeam, som var herren deira. Så drep dei meg og gjev seg inn under Rehabeam att.»

<sup>28</sup> Kongen heldt råd, og så laga han to gullkalvar og sa til folket: «No har de lenge nok fare opp til Jerusalem. Sjå, her er gudane dine, Israel, dei som førte deg opp frå Egypt.»

<sup>29</sup> Den eine gullkalven sette han opp i Betel, den andre i Dan.

<sup>30</sup> Dette førte til synd. Folk gjekk heilt til Dan og steig fram for gullkalven der.

<sup>31</sup> Jeroboam bygde òg gudshus på offerhaugane og sette kven han ville av folket til prestar, endå dei ikkje var av Levi-ætta.

## Domsord mot altaret i Betel

<sup>32</sup> Den femtande dagen i den åttande månaden heldt Jeroboam ein fest slik som den store festen som blir feira i Juda, og han bar fram offer på altaret. Dette gjorde han i Betel: Han ofra til kalvane han hadde laga, og sette prestar frå offerhaugane som han hadde bygd opp, til å gjera teneste i Betel.

<sup>33</sup> Offeret bar han fram på altaret han hadde bygd i Betel. Det var den femtande dagen i den åttande månaden, ein dag han hadde valt etter eige hovud. Då lét han israelittane halda høgtid, og sjølv steig han opp til altaret for å tenna offerelden.

### 1. Kongebok 13

<sup>1</sup> Men best som Jeroboam stod framfor altaret for å tenna offerelden, kom det etter Herrens vilje ein gudsmann frå Juda til Betel.

<sup>2</sup> På Herrens ord ropa han mot altaret: «Altar! Altar! Så seier Herren: Det skal fødest ein son i Davids hus. Josjia skal han heita. På deg skal han ofra prestane frå offerhaugane som tenner offereld på deg; på deg skal han brenna menneskeknoklar.»

<sup>3</sup> Samstundes gav han eit teikn og sa: «Dette er teiknet på at Herren har tala: Sjå, altaret skal rivna, og den feite oska som ligg på det, skal spreiest utover.»

<sup>4</sup> Då kong Jeroboam hørde det som gudsmannen ropa mot altaret i Betel, rette han handa ut frå altaret og sa: «Grip han!» Med det same stivna handa som han rette ut, og han kunne ikkje ta henne til seg att.

<sup>5</sup> Altaret rivna, og den feite oska vart spreidd utover. Det var teiknet som gudsmannen hadde varsla på Herrens ord.

<sup>6</sup> Då tok kongen til orde og sa til gudsmannen: «Prøv å vinna velvilje for Herren din Guds andlet, og bed for meg at eg kan trekkja handa til meg att.» Gudsmannen vann Herrens velvilje, og så kunne kongen ta handa til seg, og ho vart som før.

<sup>7</sup> Sidan sa kongen til gudsmannen: «Ver med meg heim og få noko å styrkja deg på, så skal eg gje deg ei gåve.»

<sup>8</sup>Men gudsmannen svara: «Om du gav meg halve huset ditt, ville eg ikkje vera med deg heim. På denne staden vil eg verken eta brød eller drikka vatn.

<sup>9</sup>For slik lydde Herrens bod då han tala til meg: Du skal verken eta brød eller drikka vatn og ikkje venda attende same vegen som du kom.»

<sup>10</sup>Så tok han ein annan veg, og han drog ikkje heim att den vegen han var komen til Betel.

### **Gudsmannen er ulydig**

<sup>11</sup>I Betel budde det ein gammal profet. Sønene hans kom og fortalde han alt det gudsmannen hadde gjort i Betel den dagen, og kva han hadde sagt til kongen. Då dei fortalde det til far sin,

<sup>12</sup>spurde han: «Kva veg tok han?» Sønene viste han kva veg han hadde teke, den gudsmannen som var komen frå Juda.

<sup>13</sup>Då sa han til dei: «Sala eselet for meg!» Dei sala eselet, og han sette seg oppå

<sup>14</sup>og reid av stad etter gudsmannen. Han fann han sitjande under eit eiketre og spurde: «Er du den gudsmannen som er komen frå Juda?» «Ja, det er eg», svara han.

<sup>15</sup>Då sa profeten til han: «Ver med meg heim og få deg litt mat!»

<sup>16</sup>Men gudsmannen svara: «Eg kan ikkje følgja deg attende og ta inn hos deg. Eg vil korkje eta brød eller drikka vatn saman med deg på denne staden.

<sup>17</sup>For så lydde Herrens bod til meg: Du skal verken eta brød eller drikka vatn der og ikkje fara heim att den vegen du kom.»

<sup>18</sup>Då sa den andre: «Eg òg er profet liksom du. Ein engel kom til meg med bod frå Herren og sa: Ta han med deg heim så han kan få eta brød og drikka vatn.» Men då profeten sa dette, laug han for han.

<sup>19</sup>Gudsmannen vart no med han heim og åt brød og drakk vatn i huset hans.

<sup>20</sup>Medan dei sat til bords, kom Herrens ord til profeten som hadde fått han med seg heim,

<sup>21</sup>og han ropa til gudsmannen som var komen frå Juda: «Så seier Herren: Fordi du trassa Herrens ord og ikkje heldt bodet som Herren din Gud gav deg,

<sup>22</sup>men vende attende og åt brød og drakk vatn på den staden der han hadde sagt at du verken skulle eta brød eller drikka vatn, så skal liket ditt ikkje koma i grava til fedrane dine.»

<sup>23</sup>Då gudsmannen som profeten hadde fått med seg attende, hadde ete og drukke, sala profeten eselet for han.

<sup>24</sup> Så tok han i veg att. Men på vegen kom det ei løve imot han. Ho drap han, og liket vart slengt ned på vegen. Eselet vart ståande attmed liket, og der stod løva òg.

<sup>25</sup>Då kom det nokre menn forbi. Dei såg liket som låg slengt på vegen, og løva som stod attmed det. Då dei kom til byen der den gamle profeten budde, fortalde dei om det dei hadde sett.

<sup>26</sup>Då profeten som hadde fått mannen med seg heim frå vegen, fekk høyra det, sa han: «Det er den gudsmannen som trassa Herrens ord. Difor lét Herren løva ta han, og ho har rive han i hel, etter det ordet Herren hadde tala til han.»

<sup>27</sup>Så sa profeten til sønene sine: «Sala eselet for meg!» Dei gjorde det,

<sup>28</sup>og han tok av stad. Han fann liket slengt i vegen, og eselet og løva som stod ved sida av det. Løva hadde ikkje ete liket og ikkje rive sund eselet.

<sup>29</sup>Profeten lyfte opp liket av gudsmannen, la det på eselet og førte det tilbake. Den gamle profeten gjekk til byen og ville halda sørgjehøgtid over gudsmannen og gravleggja han.

<sup>30</sup> Han la liket i si eiga grav, og dei heldt sørgjehøgtid over han og ropa: «Å ve, min bror!»

<sup>31</sup>Då han hadde gravlagt gudsmannen, sa han til sønene sine: «Når eg døyr, skal de leggja meg i den grava som gudsmannen ligg i. De skal leggja knoklane mine ved sida av knoklane hans.

<sup>32</sup> For det skal gå i oppfyllding, det ordet han etter Herrens bod ropa mot altaret i Betel og mot alle heilagdomar på haugane ved byane i Samaria.»

<sup>33</sup> Heller ikkje etter denne hendinga vende Jeroboam om frå sin vonde veg. Han heldt fram med å setja kven han ville av folket til prestar på offerhaugane. Alle som ønskte det, vigde han til prestar på haugane.

<sup>34</sup> Dette førte synd over Jeroboams hus, difor vart det øydd og utrydda frå jorda.

## 1. Kongebok 14

### Jeroboam og profeten Ahia

<sup>1</sup> På den tid vart Abia, son til Jeroboam, sjuk.

<sup>2</sup> Då sa Jeroboam til kona si: «Skund deg og ta på andre klede, så ingen kan kjenna deg att som kona mi. Gå så til Sjilo, der profeten Ahia bur, han som spådde at eg skulle bli konge over dette folket.

<sup>3</sup> Ta med deg ti brød, nokre kaker og ei krukke med honning og gå til han. Han vil seia deg korleis det skal gå med guten.»

<sup>4</sup> Kona gjorde som han bad. Ho gjorde seg klar og drog til Sjilo og kom til huset der Ahia budde. Ahia kunne ikkje sjå, for han var gammal og stiv i blikket.

<sup>5</sup> Men Herren hadde sagt til han: «No kjem kona til Jeroboam og vil spørja deg til råds om son sin; for han er sjuk. Så og så skal du svara henne. Men når ho kjem, læst ho vera ei anna.»

<sup>6</sup> Då Ahia hørde lyden av stega hennar i døra, sa han: «Kom inn, du kona til Jeroboam! Kvifor læst du vera ein framand? Eg er send til deg med ein tung bodskap.

<sup>7</sup> Gå og sei til Jeroboam: Så seier Herren, Israels Gud: Eg lyfte deg ut av folket og sette deg til fyrste over folket mitt, Israel.

<sup>8</sup>Eg reiv riket frå Davids hus og gav det til deg. Men du har ikkje vore som David, tenaren min. Han heldt boda mine og følgde meg av heile sitt hjarte, så han berre gjorde det som rett var i mine auge.

<sup>9</sup>Men du har bore deg verre åt enn alle dei som var før deg. Du har gått bort og laga deg andre gudar og støypte gudebilete. Slik har du gjort meg rasande. Du har vendt meg ryggen.

<sup>10</sup> Difor vil eg føra ulukke over Jeroboams hus og rydda ut alle mannfolk i ætta hans i Israel, både fange og fri. Så vil eg feia ut Jeroboams hus som når ein sopar bort skit, til det ikkje finst eit grann att.

<sup>11</sup> Den av dei som døyr i byen, skal hundane eta opp, og den som døyr ute på marka, skal fuglane under himmelen eta opp. Herren har tala.

<sup>12</sup>Men du skal stå opp og gå heim att. Med det same du set foten din i byen, døyr barnet.

<sup>13</sup>Heile Israel skal halda sørgjehøgtid over guten og følgja han til grava, for han er den einaste i Jeroboams ætt som skal koma i ei grav. Berre hos han i heile Jeroboams hus har Herren, Israels Gud, funne noko godt.

<sup>14</sup>Men Herren vil reisa opp ein konge over Israel som skal rydda ut Jeroboams hus, og no er dagen komen.

<sup>15</sup> Herren skal slå israelittane så dei blir lik sivet som svaier i vatnet. Han skal rykkja dei opp av dette gode landet som han gav fedrane deira, og spreia dei bortanfor Euftrat fordi dei laga seg Asjera-pålar og gjorde Herren rasande.

<sup>16</sup>Han skal gje opp Israel fordi Jeroboam synda som han gjorde, og fekk Israel med på si synd.»

<sup>17</sup> Kona til Jeroboam tok no i veg og kom heim att til Tirsa. Med det same ho sette foten på dørstokken i huset, døydde guten.

<sup>18</sup>Heile Israel følgde han til grava og heldt sørgjehøgtid over han. Det gjekk som Herren hadde sagt gjennom profeten Ahia, tenaren sin.

<sup>19</sup> Det som elles er å fortelja om Jeroboam, om krigane han førte og korleis han styrte, det står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

<sup>20</sup> Jeroboam styrte i tjueto år. Så gjekk han til kvile hos fedrane sine, og son hans, Nadab, vart konge etter han.

### **Kong Rehabeam i Juda**

<sup>21</sup> Rehabeam, son til Salomo, hadde vorte konge i Juda. Han var førtiein år gammal då han vart konge, og han styrte i sytten år i Jerusalem, den byen Herren hadde valt ut av alle Israels stammar og gjort til bustad for namnet sitt. Mor hans heitte Naama og var frå Ammon.

<sup>22</sup> Folket i Juda gjorde det som var vondt i Herrens auge. Med syndene sine eggja dei han til harme endå meir enn fedrane deira hadde gjort.

<sup>23</sup> Dei bygde òg offerhaugar og reiste steinstøtter og Asjera-pålar på kvar høg haug og under kvart frodig tre.

<sup>24</sup> Det fanst til og med tempelprostituerte menn i landet. Dei tok etter alle avskyelege skikkar hos dei folkeslaga Herren hadde drive bort for israelittane.

<sup>25</sup> I det femte styringsåret til Rehabeam drog Sjisjak, kongen i Egypt, opp mot Jerusalem.

<sup>26</sup> Han tok alle skattane både i Herrens hus og i kongeborga. Han tok òg alle gullskjolda som Salomo hadde fått laga.

<sup>27</sup> I staden fekk kong Rehabeam laga bronseskjold, og han sette sjefane for livvakta som vakta slottsporten, til å ta vare på dei.

<sup>28</sup> Kvar gong kongen gjekk inn i Herrens hus, bar vaktene desse skjolda og tok dei så med seg tilbake til vaktrommet.

<sup>29</sup> Det som elles er å seia om Rehabeam og alt det han gjorde, står skrive i krønikeboka til Juda-kongane.

<sup>30</sup> Heile tida var det krig mellom Rehabeam og Jeroboam.



<sup>31</sup>Så gjekk Rehabeam til kvile hos fedrane sine, og han vart gravlagd mellom dei i Davidsbyen. Mor hans heitte Naama og var frå Ammon. Son hans, Abia, vart konge etter han.

## 1. Kongebok 15

### Kong Abia i Juda

<sup>1</sup>I det attande styringsåret til Jeroboam, son til Nebat, vart Abia konge i Juda.

<sup>2</sup>Han regjerte i Jerusalem i tre år. Mor hans heitte Maaka og var dotter til Absalom.

<sup>3</sup>Abia gjorde alle dei synder som far hans hadde gjort før han. Han heldt seg ikkje til Herren sin Gud av heile sitt hjarte slik som stamfar hans, David, hadde gjort.

<sup>4</sup>Men for Davids skuld lét Herren hans Gud ei lampe lysa for han i Jerusalem. Han gav han ein son som kunne følgja etter han, og lét Jerusalem få stå.

<sup>5</sup>For David gjorde det som var rett i Herrens auge. I heile sitt liv veik han ikkje frå noko av det Herren hadde bode han, så nær som den gongen han synda mot hetitten Uria.

<sup>6</sup>Heile tida var det krig mellom Abia og Jeroboam.

<sup>7</sup>Det som elles er å fortelja om Abia og alt det han utretta, står skrive i krønikeboka til Juda-kongane. Mellom Abia og Jeroboam var det krig.

<sup>8</sup>Så gjekk Abia til kvile hos fedrane sine. Dei gravla han i Davidsbyen, og son hans, Asa, vart konge etter han.

### Kong Asa i Juda

<sup>9</sup>I det tjuande året Jeroboam var konge i Israel, vart Asa konge i Juda.

<sup>10</sup>Han styrte i Jerusalem i førtiein år. Farmor hans heitte Maaka og var dotter til Absalom.

<sup>11</sup>Asa gjorde det som rett var i Herrens auge, liksom David, far hans, hadde gjort.

- <sup>12</sup> Han jaga dei tempelprostituerte mennene ut av landet, og han fekk vekk alle avgudane som fedrane hans hadde laga.
- <sup>13</sup> Han tok jamvel frå Maaka, farmor si, dei rettane som følgde med det å vera kongsmor, fordi ho hadde laga eit fråstøytande bilete for Asjera. Asa hogg biletet sund og brende det opp i Kedron-dalen.
- <sup>14</sup> Men offerhaugane vart ikkje nedlagde. Asa heldt seg likevel til Herren av heile sitt hjarte så lenge han levde.
- <sup>15</sup> Dei heilage offergåvene som far hans og han sjølv hadde vigd til Herren, førte han til Herrens hus. Det var både sølv og gull og anna tempelutstyr.
- <sup>16</sup> Heile tida var det krig mellom Asa og Basja, kongen i Israel.
- <sup>17</sup> Israels-kongen Basja drog opp mot Juda og bygde festningsverk i Rama så ingen skulle få fara til eller frå kong Asa i Juda.
- <sup>18</sup> Då tok Asa fram alt sølvet og gullet som var att i skattkammera, både i Herrens hus og i kongeborga. Han gav det til tenarane sine og sende dei til Ben-Hadad, kongen i Aram, som var son til Tabrimmon og soneson til Hesjon og budde i Damaskus. Dei skulle seia til han:
- <sup>19</sup> «Det er ei pakt mellom meg og deg, som det var mellom far min og far din. Her sender eg deg ei gåve av sølv og gull. Bryt no den pakta du har med Basja, kongen i Israel, så han må fara bort frå meg.»
- <sup>20</sup> Ben-Hadad høyrde på kong Asa. Han sende hærførarane sine mot byane i Israel og tok Ijjon, Dan, Abel-Bet-Maaka og alle Kinneret-bygdene i tillegg til heile Naftali-landet.
- <sup>21</sup> Då Basja fekk melding om dette, slutta han å byggja festningsverk i Rama. Han slo seg til i Tirsa.
- <sup>22</sup> No kalla kong Asa inn alt mannskap i Juda – ingen vart friteken – og dei førte bort steinane og tømmeret som Basja hadde brukt då han bygde i Rama. Av dette reiste kong Asa festningsverk i Geba, i Benjamin og i Mispa.

<sup>23</sup> Det som elles er å seia om Asa, om alle storverka hans og alt det andre han utretta, og om byane han bygde, står skrive i krønikeboka til Juda-kongane. På sine gamle dagar fekk han ein sjukdom i føtene.

<sup>24</sup>Så gjekk Asa til kvile hos fedrane sine, og han vart gravlagd mellom dei i byen til David, far sin. Josjafat, son hans, vart konge etter han.

### **Kong Nadab i Israel**

<sup>25</sup>I det andre året Asa var konge i Juda, vart Nadab, son til Jeroboam, konge i Israel. Han styrte i Israel i to år.

<sup>26</sup>Nadab gjorde det som var vondt i Herrens auge. Han vandra på vegen til far sin og i synda hans, synda som han hadde fått israellittane med på.

<sup>27</sup> Basja, son til Ahia av Jissakar-stammen, fekk i stand ei samansverjing mot Nadab og slo han i hel ved Gibbeton, ein by som hørde filistrane til. Det hende medan Nadab og alle israellittane heldt byen kringsett.

<sup>28</sup>Det var i tredje styringsåret til Juda-kongen Asa at Basja drap Nadab og vart konge etter han.

<sup>29</sup> Då han hadde vorte konge, slo han i hel heile Jeroboams hus. Han lét ikkje ei levande sjel vera att av kongsetta, men rydda henne heilt ut. Då vart det oppfylt, det ordet som Herren hadde tala gjennom Ahia frå Sjilo, tenaren sin.

<sup>30</sup>Dette var straffa for dei syndene som Jeroboam hadde gjort, og som han hadde fått israellittane til å gjera. For på den måten hadde han gjort Herren, Israels Gud, rasande.

<sup>31</sup>Det som elles er å seia om Nadab og alt det han gjorde, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

<sup>32</sup>Heile tida var det krig mellom Asa og Basja, kongen i Israel.

### **Kong Basja i Israel**

<sup>33</sup> I det tredje året Asa var konge i Juda, vart Basja, son til Ahia, konge over heile Israel. Han regjerte i Tirsa i tjuefire år.

<sup>34</sup>Basja gjorde det som var vondt i Herrens auge. Han vandra på Jeroboams veg og i synda hans, den synda som han hadde gjort og fått israellittane til å gjera.

## 1. Kongebok 16

<sup>1</sup>Til Jehu, son til Hanani, kom Herrens ord om Basja, og det lydde slik:

<sup>2</sup>«Eg har lyft deg opp av støvet og sett deg til fyrste over Israel, folket mitt. Men du har følgd den same vegen som Jeroboam og fått Israel, folket mitt, til å synda. Og dei har gjort meg rasande med syndene sine.

<sup>3</sup>Difor vil eg no feia etter Basja og hans hus. Eg vil gjera med huset hans som eg gjorde med huset til Jeroboam, Nebats son.

<sup>4</sup>Den av Basjas ætt som døyr i byen, skal hundane eta opp, og den som døyr ute på marka, skal fuglane under himmelen eta opp.»

<sup>5</sup>Det som elles er å fortelja om Basja og det han utretta, om storverka hans, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

<sup>6</sup>Så gjekk Basja til kvile hos fedrane sine. Han vart gravlagd i Tirsa, og Ela, son hans, vart konge etter han.

<sup>7</sup>Gjennom profeten Jehu, son til Hanani, var Herrens ord òg kome til Basja og huset hans. Han hadde ikkje berre gjort alt som var vondt i Herrens auge og gjort han rasande, slik Jeroboams hus hadde gjort. Han hadde òg gjort ende på Jeroboams hus.

### Kong Ela i Israel

<sup>8</sup>I det tjuesjette året Asa var konge i Juda, vart Ela, son til Basja, konge i Israel. Han styrte i Tirsa i to år.

<sup>9</sup>Tenaren hans, Simri, som var kommandant for halvparten av vognstyrken, fekk i stand ei samansverjing mot han. Ein dag sat kongen og drakk seg full i huset til Arsa, som var borgherre i Tirsa.

<sup>10</sup>Då kom Simri dit og slo han i hel. Det hende i det tjuesjuande styringsåret til Juda-kongen Asa. Simri vart konge etter Ela.

<sup>11</sup> Så snart han hadde vorte konge og sett seg på trona, slo han i hel heile Basjas ætt. Han lét ikkje ein einaste mann vera att, verken av dei næraste frendane eller av venene hans.

<sup>12</sup> Simri rydda ut heile Basjas ætt, slik som Herren hadde sagt til Basja gjennom profeten Jehu.

<sup>13</sup> For Basja og Ela, son hans, hadde synda og fått isrealittane med på all si synd, og med sine gagnlause gudar hadde dei gjort Herren, Israels Gud, rasande.

<sup>14</sup> Det som elles er å fortelja om Ela og alt det han utretta, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

### **Kong Simri i Israel**

<sup>15</sup> I det tjuesjuande året Asa var konge i Juda, vart Simri konge. Han regjerte i Tirsa i sju dagar. Hæren låg den gongen i leir ikring Gibbeton, som hørde filistrane til.

<sup>16</sup> Same dagen som alle isrealittane i leiren fekk høyra at Simri hadde fått i stand ei samansverjing og så slege kongen i hel, gjorde dei der i leiren hærføraren Omri til konge over Israel.

<sup>17</sup> Så drog Omri opp frå Gibbeton med heile hæren og kringsette Tirsa.

<sup>18</sup> Då Simri såg at byen var teken, gjekk han inn i borgtårnet. Han sette kongeborga i brann og døydde i flammene.

<sup>19</sup> Dette hende fordi han hadde synda og gjort det som vondt var i Herrens auge. Han hadde følgd den same vegen som Jeroboam, gjort dei same syndene som han og fått isrealittane med på dei.

<sup>20</sup> Det som elles er å fortelja om Simri og den samansverjinga han fekk til, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

<sup>21</sup> No delte Israelsfolket seg i to. Den eine halvparten følgde Tibni, son til Ginat, og ville ta han til konge. Den andre halvparten følgde Omri.

<sup>22</sup>Dei som heldt med Omri, fekk overtaket over dei som heldt med Tibni, son til Ginat. Så døydde Tibni, og Omri vart konge.

### **Kong Omri i Israel**

<sup>23</sup>I det trettiførste året Asa var konge i Juda, vart Omri konge i Israel, og det var han i tolv år. I Tirsa styrte han i seks år.

<sup>24</sup>Omri kjøpte Samaria-fjellet av Sjemer for to talentar sølv. På det fjellet bygde han ein by og kalla han Samaria etter Sjemer, som hadde eigd fjellet.

<sup>25</sup>Omri gjorde det som vondt var i Herrens auge. Han bar seg verre åt enn nokon før han.

<sup>26</sup>Han følgde i eitt og alt den same vegen som Jeroboam, Nebats son, og gjorde dei same syndene som han hadde fått israellittane til å gjera. Med sine gagnlause gudar gjorde han Herren, Israels Gud, rasande.

<sup>27</sup>Det som elles er å fortelja om Omri og det han utretta, om storverka hans, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

<sup>28</sup>Så gjekk Omri til kvile hos fedrane sine. Han vart gravlagd i Samaria, og son hans, Ahab, vart konge etter han.

### **Kong Ahab i Israel**

<sup>29</sup>I det trettiåttande året Asa var konge i Juda, vart Ahab, son til Omri, konge i Israel. Han styrte over Israel i Samaria i tjueto år.

<sup>30</sup>Ahab, son til Omri, gjorde det som vondt var i Herrens auge. Han bar seg verre åt enn nokon før han.

<sup>31</sup>Det var ikkje nok med at han gjorde dei same syndene som Jeroboam, son til Nebat. Han gifte seg òg med Jesabel, dotter til Etbaal, sidonarkongen, og gav seg til å dyrka Baal og tilbe han.

<sup>32</sup>I det Baal-tempelet han bygde i Samaria, reiste han eit altar for Baal.

<sup>33</sup>Ahab fekk òg laga ein Asjera-påle, og han heldt fram med å gjera Herren, Israels Gud, rasande. Han bar seg verre åt enn nokon av dei som hadde vore kongar i Israel før han.

<sup>34</sup> I Ahabs tid bygde Hiel frå Betel opp att Jeriko. Då han la grunnvollen, kosta det han Abiram, eldste son hans, og då han sette opp portane, kosta det han Segub, yngste son hans. Såleis vart det oppfylt, det ordet Herren hadde tala gjennom Josva, son til Nun.

## 1. Kongebok 17

### Elia og ramnane

<sup>1</sup> Elia frå Tisjbe, ein av innbyggjarane i Gilead, sa til Ahab: «Så sant Herren, Israels Gud, lever, han som eg tener: Dei første åra skal det korkje koma dogg eller regn utan på mitt ord.»

<sup>2</sup> Då kom Herrens ord til Elia:

<sup>3</sup> «Far bort herifrå, ta vegen mot aust og gøym deg ved bekken Kerit, aust for Jordan!

<sup>4</sup> Der skal du drikkja av bekken, og eg har sagt frå til ramnane at dei skal syta for mat til deg.»

<sup>5</sup> Så gjekk han og gjorde som Herren hadde sagt. Han gjekk til bekken Kerit, aust for Jordan, og slo seg ned der.

<sup>6</sup> Ramnane kom til han med brød og kjøt kvar morgon, og med brød og kjøt kvar kveld, og han drakk av bekken.

### Elia og enkja i Sarepta

<sup>7</sup> Då det leid av ei tid, tørka bekken bort, for det kom ikkje regn i landet.

<sup>8</sup> Då kom Herrens ord til Elia:

<sup>9</sup> «Stå opp, gå til Sarepta, som høyrer Sidon til, og slå deg ned der! Eg har sagt til ei enkje som bur der, at ho skal syta for mat til deg.»

<sup>10</sup> Straks gjekk Elia av stad til Sarepta og kom til byporten. Nett då var det ei enkje der som sankja ved. Han ropa til henne og sa: «Du må henta litt vatn til meg i ei skål, så eg får drikkja!»

<sup>11</sup> Då ho gjekk for å henta det, ropa han etter henne: «Du må òg ta med eit stykke brød til meg!»

<sup>12</sup>Ho svara: «Så sant Herren din Gud lever: Eg eig ikkje så mykje som ein brødleiv, berre ein neve mjøl i krukka og litt olje i mugga. No går eg her og sankar eit par vedpinnar, og så vil eg gå heim og laga noko til meg og son min. Når vi har ete det, kan vi leggja oss til å døy.»

<sup>13</sup>Elia sa til henne: «Ver ikkje redd! Gå heim og gjer som du har sagt. Men bak først ein liten brødleiv til meg av mjølet, og kom ut til meg med han! Sidan kan du laga til noko åt deg og son din.

<sup>14</sup>For så seier Herren, Israels Gud: Mjølkrukka skal ikkje bli tom, og det skal ikkje mangla olje i mugga til den dagen kjem då Herren sender regn over jorda.»

<sup>15</sup>Då gjekk ho og gjorde som Elia hadde sagt, og både ho og han og heile hennar hus hadde mat i lang tid.

<sup>16</sup>Mjølkrukka vart ikkje tom, og oljen i mugga tok ikkje slutt. Det gjekk som Herren hadde sagt gjennom Elia.

### **Elia vekkjer opp son til enkja**

<sup>17</sup>Etter at dette hende, vart son til kvinna som eigde huset, sjuk. Og sjukdomen tok han så hardt at det til sist ikkje var livspust i han.

<sup>18</sup>Då sa ho til Elia: «Kva har eg med deg å gjera, gudsmann? Du er komen til meg for å minna meg om synda mi og få sonen min til å døy.»

<sup>19</sup>Han svara: «Gjev meg sonen din!» Så tok han guten frå fanget hennar, bar han opp på takkammeret der han budde, og la han på senga si.

<sup>20</sup>Han ropa til Herrenog sa: «Herre, min Gud! Vil du verkeleg gjera så vondt mot denne enkja som eg får bu hos, at du lèt son hennar døy?»

<sup>21</sup>Så strekte han seg tre gonger ut over barnet og ropa til Herren: «Herre, min Gud! Lat barnet få livet att!»

<sup>22</sup>Herren hørde bøna til Elia. Og guten fekk att livet; han vart levande att.

<sup>23</sup>Elia tok barnet og bar det frå takkammeret og ned i huset. Han gav det til mora og sa: «Sjå, son din lever!»



<sup>24</sup>Då sa kvinna til Elia: «No veit eg at du er ein gudsmann, og at Herrens ord i din munn er sanning.»

## 1. Kongebok 18

### Elia og borgherren Obadja

<sup>1</sup>Så gjekk det lang tid. I det tredje året kom Herrens ord til Elia, og det lydde så: «Gå og stig fram for Ahab! Eg vil senda regn over jorda.»

<sup>2</sup>Elia gjekk i veg og steig fram for Ahab. Det var stor hungersnaud i Samaria.

<sup>3</sup>Då kalla Ahab til seg Obadja, som var borgherre. Obadja hadde stor age for Herren.

<sup>4</sup>Den gongen Jesabel ville rydda ut Herrens profetar, tok han hundre profetar og løynde dei i to hòler, femti i kvar hòle, og sytte for mat og drikke til dei.

<sup>5</sup>No sa Ahab til han: «Kom, lat oss fara gjennom landet, til alle kjelder og bekker! Kanskje vi finn gras så vi kan halda liv i hestar og muldyr og slepp å slakta noko av buskapen.»

<sup>6</sup>Så delte dei landet mellom seg; dei skulle fara gjennom det kvar for seg. Ahab fór éin veg og Obadja ein annan.

<sup>7</sup>Medan Obadja var på vegen, fekk han sjå Elia, som kom imot han. Obadja kjende han att, kasta seg ned med andletet mot jorda og sa: «Er det verkeleg du, min herre Elia?»

<sup>8</sup>Han svara: «Ja, det er eg. Gå og sei til herren din at Elia er her.»

<sup>9</sup>Men Obadja sa: «Kva synd har eg gjort sidan du gjev din tenar i hendene på Ahab og lèt han drepa meg?»

<sup>10</sup>Så sant Herren din Gud lever: Det finst ikkje det folk eller rike som min herre ikkje har sendt bod til for å spørja etter deg. Når dei så sa: Han er ikkje her, lèt han desse rika og folka sverja på at dei ikkje kunne finna deg.

<sup>11</sup>Og no seier du at eg skal gå og seia til min herre at Elia er her!

<sup>12</sup>Når eg no går frå deg, rykkjer Herrens ande deg bort til ein stad eg ikkje veit om. Kjem eg så og fortel dette til Ahab og han ikkje finn deg, drep han meg. Og eg, tenaren din, har då frykta Herren heilt frå ungdomen av.

<sup>13</sup>Har ingen fortalt, herre, kva eg gjorde den gongen Jesabel drap Herrensprofetar? Eg løynde dei, hundre i talet, femti mann i kvar hòle, og sytte for mat og drikke til dei.

<sup>14</sup>Og no seier du at eg skal gå og seia til herren min at Elia er her. Då drep han meg!»

<sup>15</sup>Då sa Elia: «Så sant han lever, han som eg tener, Herren over hærskarane: I dag skal eg stiga fram for kongen.»

### **Elia på Karmel**

<sup>16</sup>Obadja gjekk til Ahab og fortalde han dette. Ahab gjekk så for å møte Elia.

<sup>17</sup>Med det same Ahab vart vår Elia, sa han: «No, der er du, du som fører ulukke over Israel!»

<sup>18</sup> Elia svara: «Det er ikkje eg som fører ulukke over Israel, men du og huset til far din. De har vendt dykk frå Herrens bod og følgd Baal-gudane.

<sup>19</sup>Men send no bod ikring og kall heile Israel saman hos meg på Karmel-fjellet, og like eins dei fire hundre og femti Baal-profetane og dei fire hundre Asjera-profetane som får mat ved Jesabels bord!»

<sup>20</sup>Så sende Ahab bod ikring til alle israelittane og kalla profetane saman på Karmel-fjellet.

<sup>21</sup> Elia steig fram for heile folket og sa: «Kor lenge vil de halta til begge sider? Er Herren Gud, så hald dykk til han, og er Baal Gud, så hald dykk til han!» Men folket svara ikkje eit ord.

<sup>22</sup> Då sa Elia til dei: «Eg er den einaste som er att av Herrens profetar. Men av Baal-profetane er det fire hundre og femti.

<sup>23</sup>Lat oss no få to oksar! Så kan dei velja seg den eine oxsen, dela han opp og leggja han på veden; men de må ikkje tenna på. Og eg skal stella til den andre oxsen og leggja han på veden, men ikkje kveikja eld.

<sup>24</sup>Så kan de kalla på guden dykkar ved namn, og eg vil kalla på Herren ved namn. Den guden som då svarar med eld, han er Gud.» Heile folket svara: «Godt, lat det vera så!»

<sup>25</sup>Då sa Elia til Baal-profetane: «Vel dykk ein av oksane og stell han til først, sidan de er flest! Kall så på guden dykkar, men kveik ikkje eld!»

<sup>26</sup>Så tok dei den oxsen han hadde gjeve dei, stelte han til og kalla på Baals namn frå morgon til middag. «Svar oss, Baal!» sa dei. Men det kom ikkje ein lyd; det var ingen som svara. Imedan hinka og hoppa dei kring altaret dei hadde reist.

<sup>27</sup>Då det hadde vorte middag, hånte Elia dei og sa: «Rop høgare! Han er då gud. Han er vel fallen i tankar, eller han har gått avsides eller er ute på reise. Kanskje han søv og må vakna.»

<sup>28</sup>Så ropa dei endå høgare og rispa seg med sverd og spyd, som dei hadde for vane, til blodet rann nedover dei.

<sup>29</sup>Då det leid over middag, tok dei til å tala over seg. Slik heldt dei på til den tid grødeofferet blir bore fram. Men det kom ikkje ein lyd; det var ingen som svara og ingen som ensa dei.

<sup>30</sup>Då sa Elia til folkemengda: «Kom hit til meg!» Og heile folket gjekk bort til han. Så sette han i stand igjen Herrens altar, som var nedrive.

<sup>31</sup>Han tok tolv steinar, ein for kvar av stammene etter sønene til Jakob, han som Herren hadde tala dette ordet til: «Israel skal namnet ditt vera.»

<sup>32</sup>Av desse steinane bygde han eit altar i Herrens namn. Og rundt ikring altaret grov han ei grøft som svara til ein åker som tek to sea såkorn.

<sup>33</sup>Han la veden til rette, delte opp oxsen og la han oppå veden.

<sup>34</sup>Så sa han: «Fyll fire krukker med vatn og aus det ut over brennofferet og veden!» Og han sa: «Gjer det ein gong til!» Så gjorde dei det andre gongen. Då sa han: «Gjer det endå ein gong!» Så gjorde dei det tredje gongen.

<sup>35</sup>Vatnet rann rundt ikring altaret. Til og med grøfta fylte han med vatn.

<sup>36</sup>Då tida for grødeofferet var komen, steig profeten Elia fram og sa: «Herre, Abrahams, Isaks og Israels Gud! Lat det i dag bli kjent at du er Gud i Israel, at eg er tenaren din, og at det er på ditt ord eg har gjort alt dette.

<sup>37</sup>Svar meg, Herre! Svar meg, så dette folket skjønar at du, Herre, er Gud, og at du har vendt hjartet deira til deg igjen.»

<sup>38</sup> Då fór Herrenseld ned og øyde både brennofferet og veden, steinane og jorda, og sleikte opp vatnet som var i grøfta.

<sup>39</sup> Då folket såg det, kasta dei seg ned med andletet mot jorda og sa: «Herren, han er Gud! Herren, han er Gud!»

<sup>40</sup> Elia sa til dei: «Ta Baal-profetane! Lat ikkje ein av dei sleppa unna!» Då tok dei Baal-profetane, og Elia førte dei ned til Kisjon-bekken og drap dei der.

<sup>41</sup>Sidan sa Elia til Ahab: «No kan du gå opp og eta og drikk; for eg høyrer susen av styrtregn.»

<sup>42</sup>Då gjekk Ahab opp for å eta og drikk. Og Elia steig opp på toppen av Karmel og bøygde seg mot jorda med andletet mellom knea.

<sup>43</sup>Så sa han til tenaren sin: «Gå opp og sjå ut mot havet!» Guten gjekk opp og såg utover, men sa: «Det er ingenting å sjå.» Sju gonger sa Elia: «Gå opp att!»

<sup>44</sup>Sjuande gongen sa guten: «Eg ser ei lita sky, ikkje større enn ei menneskehand, stiga opp av havet.» Då sa Elia: «Gå og sei til Ahab at han må spennast føre og fara heim, så ikkje regnet skal hefta han!»

<sup>45</sup> I mellomtida mørkna himmelen til med skyer og vind, og det kom stridregn. Ahab steig opp i vogna si og køyrde til Jisreel.

<sup>46</sup>Men Herrens hand kom over Elia. Han batt opp kjortelen og sprang føre Ahab heilt til Jisreel.

## 1. Kongebok 19

### Elia på Horeb

- <sup>1</sup>Ahab fortalde Jesabel om alt det Elia hadde gjort, og korleis han hadde drepe alle profetane med sverd.
- <sup>2</sup>Då sende ho ein mann til Elia med det bodet: «Gudane la det gå meg ille både no og sidan om eg ikkje i morgon på denne tid lèt det gå med ditt liv slik det gjekk med livet til profetane.»
- <sup>3</sup>Då vart Elia redd og skunda seg av stad for å berga livet. Han kom til Beer-Sjeba, som ligg i Juda. Der lét han tenesteguten sin bli att.
- <sup>4</sup>Sjølv gjekk han ei dagsreise ut i ørkenen. Han kom til ein gyvelbusk, sette seg under han og bad om å få døy. «No er det nok, Herre!» sa han. «Ta livet mitt! For eg er ikkje betre enn fedrane mine.»
- <sup>5</sup>Så la han seg ned og sovna der under gyvelbusken. I det same rørte ein engel ved han og sa: «Stå opp og et!»
- <sup>6</sup>Og då han såg seg om, fekk han auge på ein brødleiv, baka på glødande steinar, og ei krukke med vatn ved hovudet sitt. Han åt og drakk og la seg att.
- <sup>7</sup>Men Herrens engel kom ein gong til, rørte ved han og sa: «Stå opp og et! Elles blir vegen for lang for deg.»
- <sup>8</sup>Då stod han opp og åt og drakk. Og styrkt av maten gjekk han førti dagar og førti netter til han kom til Guds-fjellet, Horeb.
- <sup>9</sup>Der gjekk han inn i ei hòle og sov der om natta. Då kom Herrens ord til han, og det lydde så: «Kvifor er du her, Elia?»
- <sup>10</sup>Han svara: «Eg har vist brennande iver for Herren, allhærs Gud. For israelittane har forlate pakta di, altara dine har dei rive ned, og profetane dine har dei drepe med sverd. Eg er den einaste som er att, og no står dei meg etter livet.»
- <sup>11</sup>Då sa Herren: «Gå ut og still deg opp på fjellet for Herrens andlet, så vil Herren gå forbi!» Førre Herren kom ein stor og sterk storm som kløyvde

fjell og knuste knausar, men Herren var ikkje i stormen, etter stormen eit jordskjelv, men Herren var ikkje i jordskjelvet,

<sup>12</sup> etter jordskjelvet ein eld, men Herren var ikkje i elden, etter elden – lyden av ei skir stille.

<sup>13</sup> Då Elia hørde den, drog han kappa føre andletet, gjekk ut og stilte seg i hòleopninga. Då bar det imot han ei røyst som sa: «Kva vil du her, Elia?»

<sup>14</sup> Han svara: «Eg har vist brennande iver for Herren, allhærs Gud. For israelittane har svike pakta di. Altara dine har dei rive ned, og profetane dine har dei drepe med sverd. Eg er den einaste som er att, og no står dei meg etter livet.»

<sup>15</sup> Då sa Herren til han: «Gå tilbake den vegen du kom, og ta så vegen gjennom ørkenen til Damaskus! Gå så inn i byen og salva Hasael til konge over aramearane!

<sup>16</sup> Jehu, son til Nimsji, skal du salva til konge over Israel, og Elisja, son til Sjafat frå Abel-Mehola, skal du salva til profet etter deg.

<sup>17</sup> Det skal gå så at den som slepp unna sverdet til Hasael, skal Jehu drepa; og den som slepp unna sverdet til Jehu, skal Elisja drepa.

<sup>18</sup> Men eg vil la sju tusen vera att i Israel, alle som ikkje har bøygde kne for Baal og ikkje har kyst han med sin munn.»

### **Elisja blir kalla til profet**

<sup>19</sup> Elia drog bort frå Horeb og fann Elisja, son til Sjafat, som heldt på og pløgde. Tolv par oksar gjekk føre han, og sjølv følgde han det tolvte paret. Med det same Elia gjekk forbi, kasta han kappa si over han.

<sup>20</sup> Då lét Elisja oksane gå, sprang etter Elia og sa: «Lat meg først få kyssa far og mor til avskil, så skal eg følgja deg!» Elia svara: «Gå og kom så att! For du veit kva eg har gjort med deg.»

<sup>21</sup> Då vende Elisja seg frå han. Han tok dei to oksane og slakta dei, og med åket som brense kokte han kjøtet. Det gav han til folket, og dei åt. Så reiste han seg og følgde Elia som tenaren hans.

## 1. Kongebok 20

### Ahabs krigar med aramearane

<sup>1</sup>Aramearkongen Ben-Hadad samla heile hæren sin. Trettito kongar følgde han med hestar og vogner. Han drog opp, kringsette Samaria og gjekk til åtak på byen.

<sup>2</sup>Han sende bod inn i byen til Ahab, kongen i Israel,

<sup>3</sup>med denne meldinga: «Så seier Ben-Hadad: Sølv og gullet ditt er mitt, og dei vakraste konene og borna dine er mine.»

<sup>4</sup>Israels-kongen svara: «Det skal vera som du seier, herre konge. Eg og alt eg eig, er ditt.»

<sup>5</sup>Sendeboda kom att og sa: «Så seier Ben-Hadad: Eg sende bod til deg og sa: Du skal gje meg sølv og gullet og konene og borna dine.

<sup>6</sup>I morgon på denne tid sender eg folka mine til deg. Dei skal ransaka både slottet ditt og husa til mennene dine. Alt det som auga dine gleder seg ved, skal dei ta med seg.»

<sup>7</sup>Då kalla Israels-kongen saman alle dei eldste i landet og sa: «No ser de klårt at denne mannen berre vil oss vondt. Då han sende bod til meg etter konene og borna mine, sølv og gullet mitt, nekta eg han det ikkje.»

<sup>8</sup>Alle dei eldste og heile folket sa då til han: «Ikkje høyr på han, ikkje gjev etter!»

<sup>9</sup>Ahab sa til sendeboda frå Ben-Hadad: «Sei til min herre kongen: Alt det du første gongen sende bod til tenaren din om, det skal eg gjera. Men dette kan eg ikkje gjera.» Sendeboda drog bort og bar svaret fram.

<sup>10</sup>Endå ein gong sende Ben-Hadad bod til han og sa: «Måtte gudane la det gå meg ille både no og sidan om det blir nok støv att av Samaria til at folket som følgjer meg, kan få ei handfull kvar.»

<sup>11</sup>Israels-kongen svara: «Sei til han at den som bind sverdet om seg, ikkje må skryta slik den gjer som tek det av seg.»

<sup>12</sup> Ben-Hadad fekk denne meldinga medan han og dei andre kongane sat og drakk i Sukkot. Han sa då til mennene sine: «Still dykk opp!» Dei stilte seg opp for å storma byen.

<sup>13</sup>Då gjekk ein profet fram for Ahab, kongen i Israel, og sa: «Så seier Herren: Ser du denne store flokken? I dag gjev eg han i dine hender, og du skal sanna at eg er Herren.»

<sup>14</sup>«Kven skal gjera dette?» spurde Ahab. Profeten svara: «Så seier Herren: Det skal dei unge mennene til futane gjera.» Kongen spurde: «Kven skal byrja krigen?» Han svara: «Du sjølv.»

<sup>15</sup>Ahab mønstra mennene til futane. Dei var to hundre og trettito i talet. Sidan mønstra han heile hæren, alle israelittane; det var sju tusen mann.

<sup>16</sup>Dei rykte ut ved middagstid medan Ben-Hadad sat i Sukkot og drakk seg full saman med dei trettito kongane som slutta opp om han.

<sup>17</sup>Mennene til futane drog først ut. Ben-Hadad hadde sendt ut folk, og dei kom og melde at nokre menn hadde drege ut frå Samaria.

<sup>18</sup>Då sa han: «Har dei rykt ut i fredeleg ærend, så ta dei levande. Har dei rykt ut for å strida, så ta dei levande då òg.»

<sup>19</sup>Så drog dei ut av byen, både mennene til futane og hæren som følgde dei.

<sup>20</sup>Dei hogg ned kvar sin mann. Aramearane flykta, og israelittane forfølgde dei. Aramearkongen Ben-Hadad slapp unna til hest saman med nokre ryttrarar.

<sup>21</sup>Sidan drog Israels-kongen sjølv ut og tok hestane og vognene deira. Slik gav han aramearane eit stort nederlag.

<sup>22</sup>Då steig profeten fram for Israels-kongen og sa til han: «Gå og rust deg til strid! Tenk vel etter kva du skal gjera. For ved årsskiftet vil aramearkongen dra opp mot deg att.»

<sup>23</sup>Mennene til aramearkongen sa til kongen sin: «Guden deira er ein fjellgud. Difor vann dei over oss. Men kjempar vi mot dei på sletta, vinn vi over dei.



<sup>24</sup>Dette skal du gjera: Avset alle desse kongane og set inn statthaldarar i staden!

<sup>25</sup>Du skal stilla opp ein hær som er like stor som den du mista, med like mange hestar og vogner. Lat oss så kjempa mot dei på slett mark. Då skal vi sikkert slå dei.» Kongen hørde på rådet og gjorde som dei sa.

<sup>26</sup> Ved årsskiftet mønstra Ben-Hadad aramearhæren. Han drog opp til Afek for å kjempa mot Israel.

<sup>27</sup>Israelittane vart òg kalla til våpen og fekk utstyr. Dei drog ut mot aramearane og leira seg midt imot dei som to små geiteflokkar, medan aramearhæren fylte heile landet.

<sup>28</sup>Då steig gudsmannen fram for Israels-kongen og sa til han: «Så seier Herren: Fordi aramearane har sagt at Herren berre er ein fjellgud og ikkje ein gud i dalane, så vil eg gje heile denne store flokken i di hand, og de skal sanna at eg er Herren.»

<sup>29</sup>I sju dagar låg hærane midt imot einannan. Den sjuande dagen byrja krigen. Israelittane felte på ein dag hundre tusen mann av fotfolket til aramearane.

<sup>30</sup>Dei som var att, flykta til byen Afek. Men bymuren ramla ned over dei 27 000 mennene som var att. Ben-Hadad flykta òg. Han flykta inn i byen og sprang frå rom til rom.

<sup>31</sup>Då sa mennene hans til han: «Vi har høyrte at kongane av Israels hus er forsonlege. Lat oss binda sekkestrie om hoftene og leggja tau om hovudet og så gå ut til Israels-kongen! Kanskje han då lèt deg få leva.»

<sup>32</sup>Så batt dei sekkestrie om hoftene og tau om hovuda, og då dei kom til Israels-kongen, sa dei: «Din tenar Ben-Hadad bed om at du må la han få leva.» Ahab svara: «Lever han enno? Han er bror min.»

<sup>33</sup>Mennene tykte dette var eit godt varsel. Dei tok han straks på ordet og sa: «Ja, Ben-Hadad er bror din.» Då sa Ahab: «Gå og hent han!» Ben-Hadad kom ut til han, og Ahab lét han stiga opp i vogna si.

**34**Då sa Ben-Hadad til han: «Dei byane som far min tok frå far din, vil eg gje deg tilbake. Og du kan få byggja basargater i Damaskus, slik far min gjorde i Samaria.» Ahab svara: «På det vilkåret gjev eg deg fri.» Så gjorde han ei pakt med Ben-Hadad og sleppte han fri.

### **Eit profetord om Ahabs død**

**35**Ein av profetlæresveinane sa på Herrens bod til ein av dei andre: «Slå til meg!» Men mannen nekta.

**36** Då sa profeten til han: «Fordi du ikkje lydde Herrens røyst, skal det koma ei løve og drepa deg når du går frå meg.» Og med det same den andre gjekk, kom det ei løve imot han og drap han.

**37**Så møtte profeten ein annan mann og sa: «Slå til meg!» Mannen slo til han og gav han eit sår.

**38**Profeten gjekk og stilte seg opp på vegen for å venta på kongen. Han hadde knytt eit bind for auga så ingen kunne kjenna han att.

**39**Då kongen kom forbi, ropa profeten til han: «Tenaren din gjekk med i den verste striden. Midt i striden kom det ein bort til meg med ein mann og sa: Sjå vel etter denne karen! Slepp han unna, må du bøta for det med ditt eige liv eller betala ein talent sølv.

**40** Men då tenaren din hadde det travelt med både det eine og det andre, vart mannen borte.» Israels-kongen sa: «Der felte du din eigen dom.»

**41**Då reiv profeten bindet frå auga, og kongen kjende han att og såg at det var ein av profetane.

**42** Profeten sa til han: «Så seier Herren: Fordi du lét den mannen som eg hadde bannlyst, sleppa unna, skal du lata livet i staden for han, og ditt folk i staden for hans folk.»

**43** Så drog Israels-kongen heim. Motlaus og bitter kom han til Samaria.

## **1. Kongebok 21**

### **Nabots vingard**

<sup>1</sup>Ei tid etter hende dette: Nabot, ein mann i Jisreel, hadde ein vingard. Han låg ved sida av eit slott som høyrde Ahab, kongen i Samaria, til.

<sup>2</sup>Ahab tala med Nabot og sa: «Lat meg få vingarden din! Eg vil ha han til grønsakhage, for han ligg like ved huset mitt. Eg skal gje deg ein betre vingard i staden, eller om du så vil, gje deg det han er verd i pengar.»

<sup>3</sup>Men Nabot svara Ahab: «Herren fri meg frå å gje deg fedrearven min!»

<sup>4</sup>Så gjekk Ahab heim, motlaus og bitter fordi Nabot frå Jisreel hadde svara han slik og sagt: «Eg gjev deg ikkje fedrearven min.» Han kasta seg på senga, vende andletet bort og ville ikkje eta.

<sup>5</sup>Då kom kona hans, Jesabel, inn og spurde: «Kvifor er du så mismodig og smakar ikkje mat?»

<sup>6</sup>Han svara: «Eg tala med Nabot frå Jisreel og sa til han: Sel meg vingarden din for pengar, eller om du vil, byt med meg i ein annan vingard. Men han svara: Eg vil ikkje gje deg vingarden min.»

<sup>7</sup>Då sa kona hans, Jesabel, til han: «No får du visa at det er du som er konge i Israel! Stå opp, få deg mat og ver ved godt mot! Eg skal syta for at du får vingarden til Nabot frå Jisreel.»

<sup>8</sup>Så skreiv Jesabel eit brev i Ahabs namn, sette seglet hans på og sende det til dei eldste og stormennene som budde i same byen som Nabot.

<sup>9</sup>I brevet skreiv ho: «Rop ut ei faste, og lat Nabot sitja øvst mellom folket!

<sup>10</sup>Set to vonde menn midt imot han, så dei kan vitna mot han og seia: Du har forbanna Gud og kongen. Før han så ut og stein han i hel!»

<sup>11</sup>Mennene i byen hans, dei eldste og stormennene i Jisreel, gjorde det Jesabel hadde sendt bod til dei om, slik som det stod i brevet ho hadde sendt dei.

<sup>12</sup>Dei ropa ut ei faste og lét Nabot sitja øvst mellom folket.

**13** Då kom dei to vondsinna mennene og sette seg midt imot han. Dei vitna mot han så folket hørde det, og sa: «Nabot har forbanna Gud og kongen.» Og dei førte han ut av byen og steina han til døde.

**14**Så sende dei bod til Jesabel og sa: «Nabot har vorte steina. Han er død.»

**15**Så snart Jesabel fekk høyra at Nabot var steina til døde, sa ho til Ahab: «Stå opp og ta vingarden til Nabot frå Jisreel i eige, den som han nekta å selja deg for pengar! For Nabot lever ikkje lenger; han er død.»

**16**Då Ahab hørde at Nabot var død, stod han opp og gjekk ned til vingarden for å ta han i eige.

**17**Då kom Herrens ord til Elia frå Tisjbe:

**18**«Stå opp, gå ned og møt Ahab, Israels-kongen, som bur i Samaria! No er han i vingarden til Nabot; han er nett gått dit ned for å ta han i eige.

**19** Tal til han og sei: Så seier Herren: Har du ikkje myrda, og no har du alt teke over eigedommen? Deretter skal du tala til han og seia: Så seier Herren: På den staden der hundane sleikte blodet til Nabot, skal dei sleikja ditt blod òg.»

**20**Ahab sa til Elia: «Har du funne meg no, uvenen min?» Han svara: «Ja, eg har funne deg. Fordi du har selt deg til å gjera det som er vondt i Herrens auge,

**21** fører eg no ulukke over deg. Så vil eg feia etter deg og rydda ut alle mannfolk i Ahab-ætta i Israel, både fange og fri.

**22** Eg vil gjera med di ætt som eg gjorde med ætta til Jeroboam, son til Nebat, og med ætta til Basja, son til Ahia. For du har gjort meg rasande og fått Israel til å synda.

**23** Og om Jesabel har Herren sagt: Hundane skal eta opp Jesabel på Jisreel-vollen.

**24** Den av Ahab-ætta som døyr i byen, skal hundane eta opp; og den som døyr utpå marka, skal fuglane under himmelen eta opp.»

<sup>25</sup>Aldri har det vore ein slik konge som Ahab. Han selde seg til å gjera det som var vondt i Herrens auge, fordi Jesabel, kona hans, lokka han til det.

<sup>26</sup>Men det styggaste var at han følgde avgudane, heilt og fullt som amorittane hadde gjort, dei som Herren hadde drive bort for israelittane.

<sup>27</sup> Då Ahab høyrde kva Elia sa, reiv han sund kleda sine, batt sekkestrie om kroppen og fasta. Han sov i sekkestrien og gjekk stilt omkring.

<sup>28</sup>Då kom Herrens ord til Elia frå Tisjbe:

<sup>29</sup> «Har du sett at Ahab har audmjuka seg for meg? Fordi han audmjuka seg, vil eg ikkje la ulukka koma i hans tid. Men i tida til son hans vil eg la ulukka koma over hans hus.»

## 1. Kongebok 22

### Profeten Mika, son til Jimla

<sup>1</sup>Aramearane og israelittane heldt seg no i ro i tre år; det var ingen krig mellom dei.

<sup>2</sup>Tredje året drog Josjafat, kongen i Juda, ned til kongen i Israel.

<sup>3</sup> Då sa Israels-kongen til mennene sine: «De veit vel at Ramot i Gilead høyrer til oss? Og så gjer vi ingenting for å ta byen tilbake frå aramearkongen!»

<sup>4</sup>Og til Josjafat sa han: «Vil du gå med meg i krig mot Ramot i Gilead?» Josjafat svara: «Eg som du, mitt folk som ditt folk, mine hestar som dine hestar.»

<sup>5</sup>Men sidan sa Josjafat til Israels-kongen: «Spør først Herren til råds!»

<sup>6</sup>Då samla Israels-kongen profetane, om lag fire hundre mann, og spurde dei: «Skal eg dra i krig mot Ramot i Gilead, eller skal eg la det vera?» Dei svara: «Far opp! Herren vil gje byen i kongens hender.»

<sup>7</sup>Men Josjafat sa: «Er det ingen annan av Herrens profetar her som vi òg kunne spørja?»

<sup>8</sup>Israels-kongen svara: «Det finst endå ein som vi kunne få til å spørja Herren. Men eg hatar han, for han profeterer aldri noko godt om meg, berre vondt. Det er Mika, son til Jimla.» Josjafat sa: «Kongen skulle ikkje tala så!»

<sup>9</sup>Då ropa Israels-kongen på ein av hoffmennene og sa: «Skund deg og hent Mika, son til Jimla!»

<sup>10</sup>Israels-kongen og Josjafat, Juda-kongen, sat i kongeleg skrud på kvar sin kongsstol, på ein treskjeplass ved byporten i Samaria, og alle profetane stod framfor dei og profeterte.

<sup>11</sup>Sidkia, son til Kenaana, laga seg horn av jern og sa: «Så seier Herren: Med desse skal du stanga aramearane til du får gjort ende på dei.»

<sup>12</sup>Alle profetane profeterte like eins og sa: «Far opp mot Ramot i Gilead, så skal du ha lukka med deg. Herren vil gje byen i kongens hender.»

<sup>13</sup>Sendebodet som hadde gått for å henta Mika, sa til han: «Høyr her! Dei andre profetane profeterer med éin munn at det skal gå kongen vel. Lat no dine ord vera som deira og spå godt, du òg!»

<sup>14</sup> Men Mika svara: «Så sant Herren lever: Det Herren seier til meg, det må eg tala.»

<sup>15</sup>Då han kom fram, sa kongen til han: «Mika, skal vi dra i krig mot Ramot i Gilead, eller skal vi la det vera?» Han svara: «Far opp dit, så skal du ha lukka med deg! Herren vil gje byen i hendene på kongen.»

<sup>16</sup>Men kongen sa til han: «Kor mange gonger skal eg la deg sverja på at du ikkje seier meg anna enn sanninga i Herrens namn?»

<sup>17</sup> Då sa Mika: «Eg såg heile Israel spreidd utover fjella som sauer utan gjetar. Og Herren sa: Dei har ingen herre. Lat dei fara heim att i fred, kvar til sitt!»

<sup>18</sup>Då sa Israels-kongen til Josjafat: «Var det ikkje det eg sa til deg? Han profeterer aldri noko godt om meg, berre vondt.»

**19** Mika sa: Så høyr då Herrens ord! Eg såg Herren sitja på kongsstolen sin, og heile himmelhæren stod omkring han, somme på høgre og somme på venstre sida.

**20**Då spurde Herren: «Kven vil lokka Ahab så han fer opp mot Ramot i Gilead og fell der?» Ein svara så og ein annan så.

**21**Då gjekk ei ånd fram, stilte seg for Herrens andlet og sa: «Eg skal lokka han.» «Korleis?» spurde Herren.

**22**Ho svara: «Eg vil fara av stad og vera ei løgnarånd i munnen på alle profetane hans.» Då sa Herren: «Ja, du skal lokka han, og det skal lukkast for deg òg. Far av stad og gjer så!»

**23**Så har då Herren lagt ei løgnarånd i munnen på alle desse profetane dine. Herrenhar varsla ulukke for deg.

**24**Då gjekk Sidkia, son til Kenaana, bort og slo Mika på kinnet og sa: «Korleis har Herrens ande fare over frå meg for å tala gjennom deg?»

**25**Mika svara: «Det skal du få sjå den dagen du flyktar frå rom til rom for å gøyma deg.»

**26**Då sa Israels-kongen: «Ta Mika og før han bort til bykommandanten Amon og kongssonen Joasj

**27** og sei: Så seier kongen: Set denne mannen i fengsel! Lat han berre få små rasjonar med brød og vatn til eg kjem uskadd heim att.»

**28**Mika sa: «Kjem du uskadd heim att, så har ikkje Herren tala gjennom meg.» Og han la til: «Høyr dette, alle folk!»

### **Ahab fell**

**29** Så drog Israels-kongen og Josjafat, Juda-kongen, opp mot Ramot i Gilead.

**30**Israels-kongen sa til Josjafat: «Eg vil kle meg ut før eg går i striden. Men du kan ha på deg dei vanlege kleda dine.» Så kledde Israels-kongen seg ut og drog ut i krigen.

<sup>31</sup> Aramearkongen hadde gjeve dette bodet til dei trettito kommandantane for stridsvognene sine: «De skal ikkje kjempa mot kven som helst, korkje høg eller låg, men berre mot Israels-kongen.»

<sup>32</sup> Då vognkommandantane fekk auge på Josjafat, sa dei: «Det må vera Israels-kongen.» Så vende dei seg mot han og gjekk til åtak. Då sette Josjafat i å ropa høgt.

<sup>33</sup> Då vognkommandantane såg at det ikkje var Israels-kongen, vende dei seg frå han.

<sup>34</sup> Men ein mann spente bogen og skaut på måfå. Han råka Israels-kongen mellom brynjeplatene. Då sa kongen til vognstyraren sin: «Snu og køyr meg vekk frå slaget! Eg er såra.»

<sup>35</sup> Kampen vart hardare og hardare utover dagen, og dei heldt kongen oppreist i vogna under striden mot aramearane. Men då kvelden kom, døydde han. Og blodet frå såret rann ned i botnen av vogna.

<sup>36</sup> Ved solnedgang gjekk det eit rop gjennom leiren: «Kvar mann heim til sin by og sitt land!»

<sup>37</sup> Slik døydde kongen, og dei førte han til Samaria og gravla han.

<sup>38</sup> Og då dei skylde vogna ved Samaria-dammen, sleikte hundane blodet hans medan dei prostituerte kvinnene bada der. Det gjekk som Herren hadde sagt.

<sup>39</sup> Det som elles er å seia om Ahab og alt det han utretta, om elfenbeinshuset han reiste og alle byane han bygde, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

<sup>40</sup> Så gjekk Ahab til kvile hos fedrane sine, og Ahasja, son hans, vart konge etter han.

### Kong Josjafat i Juda

<sup>41</sup> Då Ahab hadde vore konge i Israel i fire år, vart Josjafat, son til Asa, konge i Juda.



<sup>42</sup>Han var trettifem år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i tjuufem år. Mor hans heitte Asuba og var dotter til Sjlilhi.

<sup>43</sup>Josjafat følgde i eitt og alt den same vegen som Asa, far sin, og veik ikkje av frå den, men gjorde det som rett var i Herrens auge.

<sup>44</sup>Men offerhaugane vart ikkje nedlagde, og folket heldt fram med å slakta og brenna røykjelse på haugane.

<sup>45</sup>Josjafat heldt fred med kongen i Israel.

<sup>46</sup>Det som elles er å seia om Josjafat, om dei storverk han gjorde og krigane han førte, står skrive i krønikeboka til Juda-kongane.

<sup>47</sup>Resten av dei tempelprostituerte mennene, dei som var att frå den tid Asa, far hans, levde, jaga han ut av landet.

<sup>48</sup>Den gongen var det ingen konge i Edom. Ein statthaldar styrte der.

<sup>49</sup> Josjafat bygde Tarsis-skip som skulle segla til Ofir etter gull. Men dei kom aldri dit, for nokre skip forliste ved Esjon-Geber.

<sup>50</sup> Den gongen sa Ahasja, son åt Ahab, til Josjafat: «Lat mine folk segla saman med dine på skipa.» Men det ville ikkje Josjafat.

<sup>51</sup>Så gjekk Josjafat til kvile hos fedrane sine, og han vart gravlagd mellom dei i byen til David, far sin. Joram, son hans, vart konge etter han.

### **Kong Ahasja i Israel**

<sup>52</sup>Då Josjafat hadde vore konge i Juda i sytten år, vart Ahasja, son til Ahab, konge over Israel i Samaria. Han styrte i Israel i to år.

<sup>53</sup>Ahasja gjorde det som vondt var i Herrens auge. Han følgde den same vegen som far hans og mor hans hadde følgt, og som Jeroboam, son til Nebat, hadde følgt, han som fekk Israel til å synda.

<sup>54</sup>Han dyrka Baal og tilbad han og gjorde Herren, Israels Gud, rasande, heilt og fullt som far hans hadde gjort.

## 2. Kongebok

### 2. Kongebok 1

#### Elia varslar Ahasjas død

- <sup>1</sup> Moab gjorde opprør mot Israel etter at Ahab var død.
- <sup>2</sup> Ahasja fall ut gjennom gittervindauget i loftssalen sin i Samaria og vart hardt skadd. Då sende han bod av stad og sa: «Gå og spør Baal-Sebub, guden i Ekron, om eg skal koma meg av denne sjukdomen.»
- <sup>3</sup> Men Herrens engel sa til Elia frå Tisjbe: «Stå opp og gå til møtes med sendeboda frå kongen i Samaria og sei til dei: Er det ingen Gud i Israel sidan de går for å rådspørja Baal-Sebub, guden i Ekron?
- <sup>4</sup> Difor seier Herren: Du kjem ikkje til å stå opp frå den senga du har lagt deg i. Du skal døy.» Så gjekk Elia.
- <sup>5</sup> Sendeboda vende då attende til kongen. «Kvifor kjem de alt att?» spurde han.
- <sup>6</sup> Dei svara: «Det kom ein mann imot oss, og han sa til oss: Gå tilbake til kongen som sende dykk, og sei til han: Så seier Herren: Er det ingen Gud i Israel sidan du sender bod for å rådspørja Baal-Sebub, guden i Ekron? Difor kjem du ikkje til å stå opp frå den senga du har lagt deg i. Du skal døy.»
- <sup>7</sup> Kongen spurde dei: «Korleis var han, den mannen som kom imot dykk og snakka slik til dykk?»
- <sup>8</sup> Dei svara: «Det var ein hårete mann med eit skinnklede bunde om livet.» Då sa han: «Det var Elia frå Tisjbe!»
- <sup>9</sup> No sende kongen ein femtimannsførar med mennene sine til Elia. Då han nådde toppen av berget der Elia sat, sa han til han: «Gudsmann, kongen seier: Kom ned!»
- <sup>10</sup> Elia svara: «Så sant eg er ein gudsmann: Eld skal fara ned frå himmelen og øyda deg og dine femti mann!» Då fór det eld ned frå himmelen og øydde både føraren og dei femti mennene hans.

<sup>11</sup>Så sende kongen ein annan femtimannsførar og mennene hans, og han sa til Elia: «Gudsmann, så seier kongen: Skund deg og kom ned!»

<sup>12</sup>Men Elia svara: «Er eg ein gudsmann, skal eld fara ned frå himmelen og øyda deg og dei femti mennene dine!» Og Guds eld fór ned frå himmelen og øydde han og mennene hans.

<sup>13</sup>Tredje gongen sende kongen ein femtimannsførar og mennene hans til han. Då denne tredje føraren var komen opp, fall han på kne framfor Elia og bad for seg: «Gudsmann», sa han, «kom i hug kor dyrt livet er for meg og desse femti tenarane dine!

<sup>14</sup>Eld fór ned frå himmelen og øydde dei to førre førarane og mennene deira. No må mitt liv vera dyrt i dine auge!»

<sup>15</sup>Herrens engel sa til Elia: «Gå med han og ver ikkje redd han!» Då stod han opp, følgde med føraren ned til kongen

<sup>16</sup>og sa til han: «Så seier Herren: Fordi du sende bod og ville rådspørja Baal-Sebub, guden i Ekron, som om det ikkje var nokon Gud å spørja i Israel, skal du ikkje stå opp frå den senga du har lagt deg i. Du skal døy.»

<sup>17</sup> Og Ahasja døydde, slik som Herren hadde sagt gjennom Elia. Ahasja hadde ingen son, difor vart bror hans, Joram, konge etter han. Dette hende i andre året Joram, son til Josjafat, var konge i Juda.

<sup>18</sup>Det som elles er å seia om Ahasja og det han gjorde, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

## 2. Kongebok 2

### Elia blir oppteken til himmelen

<sup>1</sup> Den gongen Herren tok Elia opp til himmelen i ein storm, gjekk det slik til: Elia og Elisja gjekk saman ut frå Gilgal.

<sup>2</sup>Elia sa til Elisja: «Ver her! For Herren sender meg til Betel.» Men Elisja svara: «Så sant Herren lever, og så sant du sjølv lever: Eg skil ikkje lag med deg.» Så gjekk dei ned til Betel.

<sup>3</sup>Profetlæresveinane i Betel kom ut til Elisja og sa til han: «Veit du at Herren i dag vil ta meisteren din bort over hovudet på deg?» Han svara: «Ja, eg veit òg det. Tei berre stilt!»

<sup>4</sup>Så sa Elia til han: «Ver her, Elisja! For Herren sender meg til Jeriko.» Han svara: «Så sant Herren lever, og så sant du sjølv lever: Eg skil ikkje lag med deg.» Så gjekk dei til Jeriko.

<sup>5</sup>Profetlæresveinane der i byen kom bort til Elisja og sa til han: «Veit du at Herren i dag vil ta meisteren din bort beint over hovudet på deg?» Han svara: «Ja, eg veit det. Tei berre stilt!»

<sup>6</sup>No sa Elia til han: «Ver her! For Herren sender meg til Jordan.» Elisja svara: «Så sant Herren lever, og så sant du sjølv lever: Eg skil ikkje lag med deg.» Så gjekk dei vidare saman.

<sup>7</sup>Femti av profetlæresveinane følgde etter dei. Dei vart ståande midt imot Elia og Elisja langt borte, medan dei to stilte seg opp ved Jordan.

<sup>8</sup>Elia tok kappa si, rulla henne saman og slo på vatnet. Då skilde vatnet seg, og begge gjekk over på tørre botnen.

<sup>9</sup>Medan dei gjekk over, sa Elia til Elisja: «Sei meg, kva kan eg gjera for deg før eg blir teken frå deg?» Elisja sa: «Lat meg få ånda di i dobbelt mål!»

<sup>10</sup>Elia svara: «Det er vanskeleg, det du ber om. Men ser du meg når eg blir teken frå deg, skal du få det, elles ikkje.»

<sup>11</sup>Medan dei gjekk der og snakka saman, kom det brått ei eldvogn med eldhestar føre og skilde dei frå kvarandre. Og Elia fór opp til himmelen i stormen.

<sup>12</sup>Då Elisja såg dette, ropa han: «Min far, min far! Israels vogner og ryttrarar!» Då han ikkje kunne sjå han lenger, tok han tak i kleda sine og reiv dei i to stykke.

<sup>13</sup>Så tok han opp kappa til Elia, som hadde falle av han. Han gjekk tilbake og stilte seg ved bredda av Jordan.

<sup>14</sup>Der tok han kappa som hadde falle av Elia, slo på vatnet og sa: «Kvar er Herren, Elias Gud?» Elisja slo òg på vatnet så det skilde seg, og han gjekk over.

<sup>15</sup>Profetlæresveinane frå Jeriko som stod midt imot han, såg dette og sa: «Ånda til Elia kviler over Elisja.» Og dei kom imot han og kasta seg til jorda for han.

<sup>16</sup>Så sa dei: «Det er femti sterke menn her hos tenarane dine. Lat dei gå av stad og leita etter meisteren din! Kanskje Herrens ande har lyft han opp og sleppt han ned på eit av fjella eller i ein dal.» Han svara: «De skal ikkje senda nokon.»

<sup>17</sup>Men dei trygla og bad han heilt til han gav etter og sa: «Så send dei ut!» Så sende dei ut femti mann som leita etter Elia i tre dagar, men dei fann han ikkje.

<sup>18</sup>Dei kom tilbake til Elisja, som hadde vorte verande i Jeriko. Og han sa til dei: «Var det ikkje det eg sa, at de ikkje skulle gå?»

### **Elisja gjer under i Jeriko og Betel**

<sup>19</sup> Mennene i Jeriko sa til Elisja: «Som du ser, herre, ligg byen fint til. Men vatnet er dårleg, og jorda gjev ikkje grøde.»

<sup>20</sup>Då sa han: «Hent eit nytt fat til meg og ha salt oppi det!» Dei gjorde det.

<sup>21</sup>Og så gjekk han ut til den staden der vatnet strøymde fram, kasta salt nedi og sa: «Så seier Herren: No gjer eg dette vatnet friskt. Det skal aldri meir valda død eller øydeleggja avling.»

<sup>22</sup>Sidan har vatnet vore friskt, heilt til denne dag. Det gjekk som Elisja hadde sagt.

<sup>23</sup>Frå Jeriko drog profeten opp til Betel. Medan han var på vegen, kom nokre smågutar ut av byen. Dei gjorde narr av han og ropa: «Kom deg vekk, din snauskalle! Kom deg vekk, din snauskalle!»

<sup>24</sup>Då han snudde seg og fekk sjå dei, forbanna han dei i Herrens namn. Og to bjørnar kom ut or skogen og reiv i hel førtito av borna.

<sup>25</sup>Frå Betel drog Elisja til Karmelfjellet, og så vende han attende til Samaria.

## 2. Kongebok 3

### Krigen mot Moab

<sup>1</sup>I det attande året Josjafat var konge i Juda, vart Joram, son til Ahab, konge i Israel. Joram styrte i Samaria i tolv år.

<sup>2</sup>Joram gjorde det som vondt var i Herrens auge, men bar seg ikkje så ille åt som far og mor hans hadde gjort. Han tok bort den Baal-støtta som far hans hadde laga.

<sup>3</sup>Men han heldt fast ved dei syndene som Jeroboam, son til Nebat, hadde fått israelittane med på. Dei vende han seg ikkje bort frå.

<sup>4</sup>Mesja, kongen i Moab, dreiv med saueal. I skatt til Israels-kongen betalte han hundre tusen lam og ulla av hundre tusen vêrar.

<sup>5</sup>Men då Ahab døydde, gjorde kongen i Moab opprør mot kongen i Israel.

<sup>6</sup>Straks drog kong Joram ut frå Samaria og mønstra heile Israel.

<sup>7</sup>Så sende han bod til Juda-kongen Josjafat og sa: «Kongen i Moab har gjort opprør mot meg. Vil du gå i krig mot Moab saman med meg?» Han svara: «Ja, det vil eg; eg som du, mitt folk som ditt folk, mine hestar som dine hestar.»

<sup>8</sup>«Kva veg skal vi ta?» spurde Joram. Josjafat svara: «Vegen gjennom øydemarka i Edom.»

<sup>9</sup>Så drog kongane i Israel, Juda og Edom av stad. Men då dei hadde vore undervegs i sju dagar, fanst det ikkje vatn, korkje til hæren eller til dyra dei hadde med seg.

<sup>10</sup>Då kom det frå Israels-kongen: «Herren har visst kalla desse tre kongane saman for å gje dei i hendene på moabittane!»

<sup>11</sup> Men Josjafat sa: «Finst det ikkje ein Herrensprofet her så vi kan spørja Herren til råds gjennom han?» Ein av mennene til Israels-kongen svara: «Her er Elisja, son til Sjafat, han som brukte å slå vatn over hendene til Elia.»

<sup>12</sup>Josjafat sa: «Ja, hos han er Herrens ord.» Så gjekk han ned til profeten saman med kongane i Israel og Edom.

<sup>13</sup>Elisja sa til Israels-kongen: «Kva har du og eg med kvarandre å gjera? Gå til profetane åt far din og mor di!» Men Israels-kongen svara: «Nei, det er Herren som har kalla desse tre kongane ut for å gje dei i hendene på moabittane.»

<sup>14</sup>Då sa Elisja: «Så sant han lever, han som eg tener, Herren over hærskarane: Var det ikkje for Juda-kongen Josjafats skuld, ville eg ikkje ensa deg eller sjå på deg.

<sup>15</sup>Men hent no ein som kan spela for meg!» Medan han spela, kom Herrens hand over Elisja.

<sup>16</sup>Og han sa: «Så seier Herren: Grav grøft etter grøft i elveleiet her!

<sup>17</sup>For så seier Herren: Utan at de ser vind eller regn, skal dette elveleiet fyllast med vatn. De skal få å drikka, både de og buskapen og dei andre dyra dykkar.

<sup>18</sup>Men dette er lite i Herrens auge. Han vil òg gje moabittane i dykkar hender.

<sup>19</sup>De skal ta kvar festningsby og kvar utvald by, hogga kvart frukttre og tetta kvar vasskjelde. Og alle gode jordstykke skal de øydeleggja med stein.»

<sup>20</sup>Morgonen etter, på den tid grødeofferet blir bore fram, kom vatnet strøymande frå den kanten der Edom ligg, og landet vart fylt med vatn.

<sup>21</sup>No fekk moabittane høyra at kongane var komne for å kjempa mot dei. Alle våpenføre menn, unge som gamle, vart kalla saman og tok stilling langs grensa.

<sup>22</sup>Då moabittane stod opp tidleg neste morgon, skein sola på vatnet, og det såg ut for dei som vatnet var raudt av blod.

<sup>23</sup>«Det er blod», ropa dei. «Kongane har kjempa med sverd og slege kvarandre i hel. Moabittar, no skal vi ta bytte!»

<sup>24</sup>Men då dei kom til Israels leir, gjorde israelittane motstand og slo moabittane så dei flykta for dei. Israelittane trengde seg inn i Moab-landet medan dei heldt fram med å slå dei ned.

<sup>25</sup>No reiv dei ned byane, og alle gode jordstykke dyngja dei ned med stein; for kvar mann kasta sin stein. Kvar vasskjelde tetta dei att, og kvart frukttre hogg dei ned. Til slutt stod berre murane att i Kir-Hareset, og slyngjekastarane omringa byen og gjekk til åtak på han.

<sup>26</sup>Då kongen i Moab såg at striden vart for hard for han, tok han med seg sju hundre våpenføre menn og ville bryta igjennom og nå bort til Edom-kongen. Men det greidde dei ikkje.

<sup>27</sup>Då tok kongen eldste son sin, som skulle bli konge etter han, og ofra han som brennoffer på bymuren. Og det kom så stor harme over israelittane at dei braut opp og vende attende til sitt eige land.

## 2. Kongebok 4

### Krukka i Sarepta

<sup>1</sup>Ei kvinne som var enkje etter ein av profetlæresveinane, ropa ein gong til Elisja: «Tenaren din, som var mannen min, er død. Og du veit at tenaren din frykta Herren. Men no kjem ein som han skulda pengar, og vil ta begge sønene mine til slavar.»

<sup>2</sup>Elisja sa til henne: «Kva kan eg gjera for deg? Sei meg kva du har i huset!» Ho svara: «Tenestekvinna di har ikkje anna i huset enn ei lita krukke med olje.»

<sup>3</sup>Då sa han: «Gå til alle grannane dine og lån deg kar, så mange tomme kar som du kan få tak i.

<sup>4</sup>Så skal du gå inn og stengja døra etter deg og sønene dine! Slå olje i alle desse kara, og set dei bort når dei er fulle!»

<sup>5</sup>Kvinna gjekk frå han, og ho stengde døra etter seg og sønene sine. Dei gav henne kara, og ho slo i.



<sup>6</sup>Då kara var fulle, sa ho til ein av sønene: «Lat meg få eit kar til!» Men han svara: «Her er ikkje fleire.» Då heldt oljen opp med å renna.

<sup>7</sup>Ho gjekk og fortalde dette til gudsmannen. Han sa: «Gå av stad og sel oljen, og betal skulda di! Så kan du og sønene dine leva av det som blir att.»

### **Kvinna frå Sjunem og sonen hennar**

<sup>8</sup>Ein dag gjekk Elisja over til Sjunem. Der var det ei velstående kvinne som inntrengjande bad han om å eta hos seg. Og sidan tok han inn der og fekk seg mat kvar gong han fór forbi.

<sup>9</sup>Ein gong sa ho til mannen sin: «Høyr her! Eg veit at han som støtt kjem innom oss, er ein heilag gudsmann.

<sup>10</sup>Lat oss laga eit lite takkammer til han og setja inn ei seng, eit bord, ein stol og ein lysestake. Så kan han ta inn der når han kjem til oss.»

<sup>11</sup>Ein dag profeten kom dit, tok han inn i takkammeret og la seg der.

<sup>12</sup>Så sa han til Gehasi, tenaren sin: «Rop på denne Sjunem-kvinna!» Tenaren ropa på henne, og ho kom bort til han.

<sup>13</sup>Elisja sa til han: «Sei til henne: Høyr, du har hatt mykje bry for vår skuld. Kva kan vi gjera for deg? Kan vi leggja inn eit godt ord for deg hos kongen eller hærføraren?» Men ho svara: «Eg bur då midt iblant mitt eige folk.»

<sup>14</sup>«Kva kan eg då gjera for henne?» spurde profeten. Gehasi svara: «Ho har ingen son, og mannen hennar er gammal.»

<sup>15</sup>Då sa Elisja: «Rop på henne!» Han ropa på henne, og ho kom og vart ståande i døropninga.

<sup>16</sup>Profeten sa: «Når tida er inne, skal du ha ein son i armane.» Men ho svara: «Nei, herre, du som er ein gudsmann, lyg for tenestekvinna di!»

<sup>17</sup>Kvinna vart med barn, og då tida var inne, fekk ho ein son, slik Elisja hadde sagt henne.

<sup>18</sup>Guten voks opp, og ein dag gjekk han ut til far sin og onnefolket.

- <sup>19</sup>Då sa han til faren: «Hovudet mitt, hovudet mitt!» Då sa faren til tenesteguten: «Ber han heim til mor hans!»
- <sup>20</sup>Han tok og bar han heim til mora, og guten sat på fanget hennar til middag; då døydde han.
- <sup>21</sup>Ho gjekk opp og la han på senga til gudsmannen. Så lét ho att døra og gjekk ut.
- <sup>22</sup>Kona ropa på mannen sin og sa: «Send meg ein av tenestegutane med eit esel! Eg må skunda meg til gudsmannen, og så kjem eg att.»
- <sup>23</sup> Han spurde: «Kvifor vil du fara dit i dag? Det er då verken nymånedag eller sabbat.» Ho svara: «Uroa deg ikkje!»
- <sup>24</sup>Så sala ho eselet og sa til tenesteguten: «Driv det av garde, og stopp meg ikkje medan eg rid, utan at eg bed deg om det.»
- <sup>25</sup> Så tok kvinna i veg og kom til gudsmannen på Karmel-fjellet. Då han såg henne langt borte, sa han til Gehasi, tenaren sin: «Sjå, der kjem kvinna frå Sjunem!
- <sup>26</sup>Spring straks til møtes med henne og sei: Står det bra til med deg og mannen din og guten?» «Ja, det står bra til», svara ho.
- <sup>27</sup>Då ho kom opp på fjellet til gudsmannen, tok ho om føtene hans. Gehasi gjekk fram og ville skuva henne bort. Men gudsmannen sa: «Lat henne vera! Ho ber ei bitter sorg, men Herren har løynt det for meg og har ikkje late meg få vita det.»
- <sup>28</sup>Kvinna sa: «Har eg bede deg om ein son, herre? Eg sa då at du ikkje måtte gje meg falske voner.»
- <sup>29</sup> Då sa Elisja til Gehasi: «Spenn beltet om livet, ta staven min i handa og gå av stad! Møter du nokon på vegen, så helsa ikkje på han, og helsar nokon på deg, så svara han ikkje! Du skal leggja staven min over andletet til guten.»
- <sup>30</sup>Mor til guten sa: «Så sant Herren lever, og så sant du sjølv lever: Eg går ikkje frå deg!» Då stod profeten opp og følgde henne.

<sup>31</sup>Gehasi fór føre dei og la staven over andletet til guten. Men det var ikkje ein lyd å høyra, ikkje eit livsteikn å sjå. Så gjekk han tilbake, og då han møtte Elisja, fortalde han at guten ikkje hadde vakna.

<sup>32</sup>Då Elisja kom fram til huset, låg guten død i senga.

<sup>33</sup>Han gjekk inn og stengde døra så han vart åleine med guten. Han bad til Herren,

<sup>34</sup>og så steig han opp i senga og la seg over guten med munnen mot hans munn, auga mot hans auge og hendene mot hans hender. Då Elisja bøygde seg ned over han, vart kroppen til guten varm.

<sup>35</sup>Elisja reiste seg opp att og gjekk ein gong att og fram i huset. Så steig han opp i senga att og bøygde seg over guten. Då naus guten sju gonger og slo auga opp.

<sup>36</sup>Elisja ropa på Gehasi og sa: «Rop på Sjunem-kvinna vår!» Han ropa på henne, og ho kom inn til han. Då sa profeten: «Ta guten din!»

<sup>37</sup>Ho kom og kasta seg ned for føtene hans og bøygde seg med andletet mot jorda. Så tok ho guten sin og gjekk ut.

### **Død i gryta**

<sup>38</sup>Elisja vende attende til Gilgal. På den tid var det hungersnaud i landet. Ein gong medan profetsveinane sat hos han, sa han til tenaren sin: «Set over den store gryta og kok mat til profetlæresveinane!»

<sup>39</sup>Ein av dei gjekk då ut på marka for å sankar urter. Han fann nokre villranker og plukka kapp full av nye skot. Då han kom tilbake, skar han dei opp og hadde dei i gryta, utan at nokon visste om det.

<sup>40</sup>Dei auste opp så mennene kunne få eta. Men då dei smaka på maten, skreik dei opp og ropa: «Det er død i gryta, gudsmann!» Og dei kunne ikkje eta det.

<sup>41</sup>Då sa Elisja: «Hent litt mjøl!» Det hadde han opp i gryta og sa: «Aus no opp til folket, så dei får eta.» Då var det ikkje lenger noko skadeleg i gryta.

### **Brødunderet**

<sup>42</sup> Ein dag kom det ein mann frå Baal-Sjalisja. Han hadde med seg brød til gudsmannen, tjue byggbrød som var baka av førstegrøda. Nyhausta korn hadde han òg i skreppa. Då sa Elisja: «Gjev det til folket så dei får eta.»

<sup>43</sup> Men tenaren hans sa: «Korleis kan eg setja fram dette for hundre mann?» «Gjev det til folket så dei får eta», tok Elisja opp att. «For så seier Herren: Dei skal eta og få meir enn nok.»

<sup>44</sup> Så sette han det fram for dei. Dei åt, og det vart meir enn nok, som Herren hadde sagt.

## 2. Kongebok 5

### Elisja lækjer Naaman

<sup>1</sup> Naaman, hærføraren til aramearkongen, hadde mykje å seia hos herren sin og var høgt akta, for med hans hjelp hadde Herren gjeve aramearane siger. Mannen var ein stor krigar, men han hadde ein hudsjukdom.

<sup>2</sup> På eit plyndringstokt hadde aramearane ein gong ført bort ei ung jente frå Israel som fange. No tente ho hos kona til Naaman.

<sup>3</sup> Ein dag sa jenta til matmor si: «Om berre husbonden kunne koma til profeten i Samaria, skulle nok han fri han frå hudsjukdomen.»

<sup>4</sup> Naaman gjekk til herren sin og fortalde han kva jenta frå Israel hadde sagt.

<sup>5</sup> Då sa aramearkongen: «Dra du! Eg vil senda med deg eit brev til kongen i Israel.» Så drog han og tok med seg ti talentar sølv, seks tusen sjekel gull og ti klesskift.

<sup>6</sup> Naaman leverte brevet til kongen i Israel. Der stod: «Når du får dette brevet, ser du at eg har sendt Naaman, tenaren min, til deg for at du skal fri han frå den hudsjukdomen han lid av.»

<sup>7</sup> Då Israels-kongen hadde lese brevet, reiv han sund kleda sine og sa: «Er eg Gud så eg rår for liv og død, sidan han sender bod til meg og vil at eg skal fri ein mann frå hudsjukdomen hans? No kan de sjå og skjønna at han vil yppa strid med meg.»

<sup>8</sup>Men då gudsmannen Elisja fekk høyra at kongen hadde rive sund kleda sine, sende han bod til han og sa: «Kvifor har du rive sund kleda dine? Lat mannen koma til meg, så skal han få sanna at det finst ein profet i Israel.»

<sup>9</sup>Så kom då Naaman med hestar og vogner og stoppa ved døra til Elisjas hus.

<sup>10</sup> Elisja sende ut ein mann for å seia: «Gå ned og vask deg sju gonger i Jordan! Så skal kroppen din bli frisk og du bli rein.»

<sup>11</sup>Då vart Naaman sint og fór sin veg. Han sa: «Eg trudde han sjølv ville koma ut til meg, stå fram og kalla på Herren sin Guds namn, føra handa att og fram over den sjuke staden og fri meg frå sjukdomen.

<sup>12</sup>Er ikkje Abana og Parpar, elvane ved Damaskus, like gode som alle vassdrag i Israel? Kunne eg ikkje lauga meg i dei og bli rein?» Så snudde han og fór bort i fullt sinne.

<sup>13</sup>Men tenarane til Naaman kom og snakka med han. Dei sa: «Far, hadde profeten lagt på deg noko vanskeleg, ville du ikkje då ha gjort det? Kor mykje meir no, når han berre seier til deg at du skal vaska deg og bli rein!»

<sup>14</sup> Så gjekk Naaman ned til Jordan og dukka seg sju gonger i elva, som gudsmannen hadde sagt. Då vart kroppen hans frisk att som kroppen til ein liten gut, og han vart rein.

<sup>15</sup>Så vende han attende til gudsmannen med heile følgjet sitt. Då han kom dit, gjekk han fram for profeten og sa: «No veit eg at det ikkje finst nokon Gud på heile jorda utan i Israel. Ta no imot ei gåve frå tenaren din!»

<sup>16</sup>Men Elisja svara: «Så sant Herren lever, han som eg tener: Eg tek ikkje imot noko.» Naaman bad han inntrengjande om å ta imot, men han ville ikkje.

<sup>17</sup> Då sa Naaman: «Når du ikkje vil, så lat tenaren din få så mykje mold som eit par muldyr kan bera. For eg vil aldri meir bera fram brennoffer og slaktoffer til andre gudar, berre til Herren.

<sup>18</sup> Men ein ting må Herren tilgje meg: Når herren min, kongen, går inn i Rimmon-tempelet for å kasta seg ned og tilbe der og han stør seg på handa

mi, så eg òg må kasta meg ned der i Rimmon-tempelet, då må Herren tilgje meg dette.»

<sup>19</sup>Elisja svara: «Far i fred!» Då Naaman hadde gått frå han og var komen eit stykke på vegen,

<sup>20</sup>sa Gehasi, som var tenestegut hos gudsmannen Elisja, til seg sjølv: «No har husbonden min spart denne aramearen Naaman og ikkje teke imot det han hadde med seg. Så sant Herren lever: Eg vil springa etter han og få noko av han.»

<sup>21</sup>Dermed sette Gehasi av stad etter Naaman. Då Naaman såg at nokon kom springande etter han, hoppa han ned av vogna, gjekk imot han og spurde: «Er alt vel?»

<sup>22</sup>«Alt er vel», svara Gehasi, «men herren min har sendt meg med dette bodet: To unge profetsveinar frå Efraim-fjella er nett komne til meg. Lat dei få ein talent sølv og eit par klesskift!»

<sup>23</sup>Naaman svara: «Ver så snill å ta to talentar!» Han bad han inntrengjande og knytte to talentar sølv inn i to pungar. Så tok han to klesskift og gav til to av tenestegutane sine, som bar dei føre Gehasi.

<sup>24</sup>Men då dei kom opp til byhøgda, tok han det frå dei og gøymde det i huset. Så lét han mennene fara, og dei drog.

<sup>25</sup>Då Gehasi kom inn og gjekk bort til herren sin, sa Elisja til han: «Kvar kjem du frå, Gehasi?» «Eg har ikkje vore nokon stad», svara han.

<sup>26</sup>Men profeten sa til han: «Trur du ikkje eg var der i ånda då ein mann snudde seg frå vogna og gjekk til møtes med deg? Har du no teke imot pengar og klede, oliventre og vinmarker, småfe og storfe, slavar og slavekvinner?»

<sup>27</sup>Hudsjukdomen til Naaman skal for alltid hanga ved deg og ætta di.» Då Gehasi gjekk bort frå han, var huda hans kvit som snø av sjukdomen.

## 2. Kongebok 6

### Underet med øksa

<sup>1</sup>Ein dag sa profetlæresveinane til Elisja: «Vi har ikkje plass nok her vi sit framfor deg.

<sup>2</sup>Lat oss få gå ned til Jordan og henta kvar sin stokk. Så lagar vi oss ein stad der vi kan vera.» «Ja, berre gå!» sa Elisja.

<sup>3</sup>Ein av dei sa: «Ver så snill å gå med tenarane dine.» Han svara: «Ja, eg blir med.»

<sup>4</sup>Så gjekk han med dei, og då dei kom til Jordan, tok dei til å fella tre.

<sup>5</sup>Men då ein av dei felte sitt tre, fall øksa i vatnet. Då ropa han høgt: «Å, min herre! Ho var attpåtil lånt!»

<sup>6</sup>«Kvar fall ho?» spurde gudsmannen. Han viste han staden. Då hogg Elisja av eit stykke tre og kasta det i vatnet. Slik fekk han øksa til å flyta opp.

<sup>7</sup>«Ta henne opp!» sa han. Og mannen rette ut handa og tok øksa.

### **Herren gjer aramearane blinde**

<sup>8</sup>Aramearkongen låg i krig med Israel. Ein gong han rådførte seg med mennene sine, sa han: «Eg vil slå leir på den og den staden.»

<sup>9</sup>Då sende gudsmannen bod til Israels konge og sa: «Ta deg i vare så du ikkje fer forbi denne staden, for aramearane har slege leir der.»

<sup>10</sup>Så sende Israels konge bod til den staden som gudsmannen hadde nemnt. Han åtvara kongen, og han tok seg i vare. Slik gjekk det både ein og fleire gonger.

<sup>11</sup>Aramearkongen vart svært uroleg over dette. Han kalla saman mennene sine og sa til dei: «Sei meg, kven av våre folk held med Israels-kongen?»

<sup>12</sup>Då sa ein av mennene hans: «Det er ingen av oss, herre konge, men Elisja, profeten i Israel, som lèt Israels konge vita kvart ord du seier i soverommet ditt.»

<sup>13</sup> Då sa kongen: «Gå og finn ut kvar han er, så skal eg senda folk og gripa han.» Han fekk melding om at profeten var i Dotan,

<sup>14</sup>og dit sende kongen ein stor hær med hestar og vogner. Dei kom fram om natta og kringsette byen.

<sup>15</sup>Tidleg neste morgon, då tenaren til gudsmannen stod opp og gjekk ut, fekk han auge på ein hær med hestar og vogner som låg rundt byen. «Å, min herre, kva skal vi gjera?» sa guten til Elisja.

<sup>16</sup> Han svara: «Ver ikkje redd! Det er fleire som er med oss enn med dei.»

<sup>17</sup> Så bad Elisja og sa: «Å, Herre, opna auga til guten så han kan sjå!» Herren opna auga hans, og han fekk sjå at fjellet var fullt av eldhestar og eldvogner rundt omkring Elisja.

<sup>18</sup> Då aramearane kom ned mot Elisja, bad han til Herren: «Slå dette folket med blindskap!» Og Herren slo dei blinde då Elisja bad.

<sup>19</sup>Då sa Elisja til dei: «Det er ikkje denne vegen og denne byen. Følg meg, så skal eg føra dykk til den mannen de leitar etter.» Og han førte dei til Samaria.

<sup>20</sup>Då dei kom dit, bad Elisja: «Herre, opna auga deira, så dei kan sjå!» Herren opna auga deira, og dei såg at dei var midt i Samaria.

<sup>21</sup> Då Israels konge såg dei, sa han til Elisja: «Far, skal eg hogga dei ned?»

<sup>22</sup>Han svara: «Du skal ikkje hogga dei ned! Har du teke dei til fange med sverd og boge for å hogga dei ned? Set brød og vatn fram for dei, lat dei eta og drikk og venda heim til herren sin.»

<sup>23</sup>Kongen stelte til eit stort festmåltid for dei, og dei åt og drakk. Så lét han dei gå, og dei vende attende til herren sin. Sidan kom det ikkje fleire flokkar av aramearar for å plyndra i Israel.

### **Krig og hungersnaud i Samaria**

<sup>24</sup>Ei tid etter hende det at aramearkongen Ben-Hadad samla heile hæren sin og drog opp og kringsette Samaria.

<sup>25</sup> Det vart stor hungersnaud i Samaria. Byen var kringsett så lenge at eit eselhovud kosta åtti sjekel sølv, og ein kvart kab duemøkk kosta fem sjekel.



<sup>26</sup>Ein dag Israels konge gjekk att og fram på bymuren, ropa ei kvinne til han: «Hjelp, herre konge!»

<sup>27</sup>Han svara: «Nei, Herren får hjelpa deg. Kvar skulle eg henta hjelp til deg frå? Frå treskjeplass eller vinpresse?»

<sup>28</sup>Og kongen spurde: «Kva er i vegen med deg?» Ho svara: «Denne kvinna sa til meg: Kom hit med son din. Så et vi han i dag, og så et vi son min i morgon.

<sup>29</sup>Så kokte vi son min og åt han. Dagen etter sa eg til henne: Kom no med son din og lat oss eta han! Men då gøymde ho guten sin.»

<sup>30</sup>Då kongen hørde det kvinna fortalde, reiv han sund kleda sine der han gjekk att og fram oppå muren. Og folket såg at han bar sekkestrie inst på kroppen.

<sup>31</sup>«Måtte Gud la det gå meg ille både no og sidan», sa han, «om hovudet får sitja på Elisja, Sjafats son, dagen ut.»

<sup>32</sup>Elisja sat i huset sitt, og dei eldste var hos han då kongen sende ein mann dit føre seg. Men før sendebodet kom fram, sa Elisja til dei eldste: «Veit de at denne mordarsonen har sendt ein mann hit for å hogga hovudet av meg? Hald vakt! Lukk døra når han kjem, og hald døra stengd for han. Høyrer ein ikkje alt kongens steg bak han?»

<sup>33</sup>Medan Elisja endå tala med dei, kom kongen til han. Han sa: «Sjå, denne ulukka kjem frå Herren. Kvifor skal eg då venta på Herren lenger?»

## 2. Kongebok 7

### Aramearane rømmer frå Samaria

<sup>1</sup>Då sa Elisja: «Høyr Herrens ord! Så seier Herren: I morgon på denne tid ved byporten i Samaria skal ein sea fint mjøl seljast for ein sjekel og to sea byggmjøl seljast for ein sjekel.»

<sup>2</sup>Men våpenberaren som kongen støtta seg til, tok til orde og sa til gudsmannen: «Om så Herrenlaga luker i himmelen, kunne ikkje slikt henda!»

Elisja svara: «Du skal få sjå det med eigne auge, men du får ikkje eta av mjølet.»

<sup>3</sup>No sat det ved byporten fire menn som leid av hudsjukdom. Dei sa til kvarandre: «Kvifor skal vi bli sitjande her til vi døyr?

<sup>4</sup>Seier vi at vi vil gå inn i byen, kjem vi til å døy. For der er det hungersnaud. Blir vi sitjande her, kjem vi òg til å døy. Kom, no går vi over til leiren til aramearane! Lèt dei oss leva, bergar vi livet; og drep dei oss, må vi døy.»

<sup>5</sup>I skumringa braut dei opp og gjekk til aramearleiren. Men då dei kom til utkanten av leiren, fanst det ikkje eit menneske der.

<sup>6</sup>Herren hadde late aramearane få høyra larmen av vogner og hestar, larmen av ein stor hær. Då sa dei til kvarandre: «Du skal sjå at Israels konge har leigd hetittkongane og egyptarkongane for å overfalla oss!»

<sup>7</sup>Så braut dei opp og flykta i skumringa. Dei lét etter seg telta, hestane og esla sine, heile leiren slik han låg, og flykta for å berga livet.

<sup>8</sup>Då desse mennene med hudsjukdom kom til utkanten av leiren, gjekk dei inn i eit telt, der dei åt og drakk. Dei tok med seg sølv, gull og klede og gjekk bort og gøymde det. Så kom dei att og gjekk inn i eit anna telt. Dei tok med seg det som var der òg, og gjekk bort og gøymde det.

<sup>9</sup>Men så sa dei til kvarandre: «Det er ikkje rett, det vi no gjer. Dette er dagen for gode nyhende. Teier vi og ventar til det lysnar i morgon, fører vi skuld over oss. Kom, lat oss gå og fortelja dette i kongeborga!»

<sup>10</sup>Så gjekk dei og ropa på vakta i byporten. «Vi kom til aramearleiren», fortalde dei, «og der var det ingen å sjå og ingen å høyra. Men hestane og esla stod bundne, og telta var som dei plar vera.»

<sup>11</sup>Portvaktene ropa dette vidare, og det vart meldt i kongeborga.

<sup>12</sup>Kongen stod opp midt på natta og sa til mennene sine: «Eg vil fortelja dykk kva aramearane har gjort mot oss. Dei veit at vi svelt. Difor har dei teke av

stad frå leiren og gøymt seg ute på marka. Dei tenkjer som så: Når israelittane går ut av byen, tek vi dei levande, og så kan vi trengja inn i byen.»

<sup>13</sup>Men ein av mennene til kongen svara: «Lat nokon ta fem av dei hestane som enno er att i byen. Vi sender dei av stad, så får vi sjå. Det kan ikkje gå dei verre enn alle israelittane som er att i byen, eller alle israelittane som har sett livet til.»

<sup>14</sup>Så henta dei to ryttrarar, og kongen sende dei ut etter aramearhæren. «Ri i veg og sjå etter», sa han.

<sup>15</sup>Dei følgde etter aramearane heilt til Jordan, og heile vegen låg det fullt av klede og anna utstyr som aramearane hadde kasta frå seg då dei flykta. Sendeboda kom att og melde dette til kongen.

<sup>16</sup>Då drog folket ut og plyndra aramearleiren. Og det gjekk som Herren hadde sagt: Ein sea fint mjøl vart seld for ein sjekel og to sea byggmjøl for ein sjekel.

<sup>17</sup> Kongen hadde sett våpenberaren som var hans beste støtte, til å ha oppsyn med byporten. Men folket trakka han i hel i porten. Det gjekk som gudsmannen hadde sagt den gongen kongen kom til han.

<sup>18</sup>Då sa han jo til kongen: «I morgon på denne tid ved byporten i Samaria skal to sea byggmjøl seljast for ein sjekel og ein sea fint mjøl seljast for ein sjekel.»

<sup>19</sup>Då tok kongens våpenberar til orde og sa til gudsmannen: «Om så Herren laga luker i himmelen, kunne ikkje slikt henda!» Men gudsmannen svara: «Du skal få sjå det med eigne auge, men du får ikkje eta av mjølet.»

<sup>20</sup>Og slik gjekk det altså med han. Folkemengda trampa han i hel i byporten.

## 2. Kongebok 8

### Kvinna frå Sjunem får råd og hjelp

<sup>1</sup>Ein dag sa Elisja til mor åt den guten han hadde vekt til live: «Bryt opp og dra bort, du og ditt hus! Slå deg ned der du kan. For Herren har kalla på hungersnauda. No kjem ho over landet i sju år.»

<sup>2</sup> Kvinna braut opp og gjorde som gudsmannen sa: Ho drog av stad med heile sitt hus, og i sju år budde ho i filistarlandet.

<sup>3</sup> Då sju år var gått, kom kvinna tilbake frå filistarlandet. Ho gjekk til kongen og trygla om å få att huset sitt og jorda si.

<sup>4</sup> Kongen tala nett med Gehasi, tenaren til gudsmannen, og bad han fortelja om alt det store Elisja hadde gjort.

<sup>5</sup> Og medan han fortalde kongen korleis profeten hadde vekt den døde guten til live, kom mor til guten. Ho trygla kongen om å få att huset sitt og jorda si. Då sa Gehasi: «Herre konge, dette er kvinna, og dette er son hennar, som Elisja vekte opp.»

<sup>6</sup> Kongen spurde kona ut, og ho fortalde. Så sende han henne ein av hoffmennene sine og sa: «Syt for at ho får att alt det som høyrer henne til, og alt som er hausta på jorda hennar frå den dagen ho fór frå landet og til no.»

### **Elisja og Hasael i Damaskus**

<sup>7</sup> Ein gong kom Elisja til Damaskus medan Ben-Hadad, aramearkongen, låg sjuk. Då det vart meldt kongen at gudsmannen var komen,

<sup>8</sup> sa han til Hasael: «Ta med deg ei gåve og gå og møt gudsmannen! Gjennom han skal du spørja Herren om eg kjem til å overleva denne sjukdomen!»

<sup>9</sup> Hasael gjekk til møtes med Elisja og hadde med seg ei gåve av det beste som fanst i Damaskus, så mykje som førti kamelar kunne bera. Då han steig fram for profeten, sa han: «Son din, aramearkongen Ben-Hadad, har sendt meg til deg for å spørja om han kjem til å overleva den sjukdomen han har.»

<sup>10</sup> Elisja svara: «Gå og sei til kongen: Du skal få leva! Men Herren har late meg sjå at han skal døy.»

<sup>11</sup> Gudsmannen stirte framfor seg. Andletet stivna. Og så brast han i gråt.

<sup>12</sup> «Kvifor græt du, min herre?» spurde Hasael. Elisja svara: «Fordi eg veit at du vil gjera vondt mot israelittane. Du vil setja eld på festningsbyane deira, drepa dei unge mennene deira med sverd, knusa småborna deira og skjera opp kvinner som er med barn.»

<sup>13</sup>Hasael sa: «Korleis skulle tenaren din, ein hund som eg, gjera så store ting?»  
Elisja svara: «Herren har late meg sjå deg som konge over aramearane.»

<sup>14</sup>Så skildest Hasael frå Elisja og gjekk heim til herren sin. «Kva sa Elisja til deg?» spurde kongen. Hasael svara: «Han sa at du kjem til å overleva.»

<sup>15</sup>Men dagen etter tok Hasael eit klede, dyppa det i vatn og pressa det mot andletet til kongen, og han døydde. Og Hasael vart konge etter han.

### **Kongane Joram og Ahasja i Juda**

<sup>16</sup> I det femte året Joram, son til Ahab, var konge i Israel, vart Joram, son til Josjafat, konge i Juda medan far hans endå styrte der.

<sup>17</sup>Joram var trettito år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i åtte år.

<sup>18</sup> I si ferd var han som dei andre kongane i Israel. Han levde slik som Ahabs hus hadde gjort, for han var gift med ei dotter til Ahab. Og han gjorde det som vondt var i Herrens auge.

<sup>19</sup> Men for sin tenar Davids skuld ville Herren ikkje øydeleggja Juda, for han hadde lova David at ei lampe alltid skulle lysa for etterkomarane hans.

<sup>20</sup> I Jorams tid gjorde Edom opprør mot Juda og tok seg ein konge.

<sup>21</sup>Då rykte Joram ut mot Sa'ir med alle stridsvognene sine. Han braut opp om natta og slo edomittane, som hadde omringa han og kommandantane for stridsvognene. Men folket flykta til telta sine.

<sup>22</sup> Etter opprøret har Edom vore skilt frå Juda til denne dag. På same tid gjorde Libna opprør.

<sup>23</sup> Det som elles er å seia om Joram og alt det han gjorde, står skrive i krønikeboka til Juda-kongane.

<sup>24</sup> Så gjekk Joram til kvile hos fedrane sine, og han vart gravlagd hos dei i Davidsbyen. Son hans, Ahasja, vart konge etter han.

<sup>25</sup> I det tolvte året Joram, son til Ahab, var konge i Israel, vart Ahasja, son til Joram, konge i Juda.

<sup>26</sup>Ahasja var tjueto år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i eitt år. Mor hans heitte Atalja og var dotter til Israels-kongen Omri.

<sup>27</sup>I si ferd var Ahasja som kongane av Ahabs hus. Liksom dei gjorde han det som vondt var i Herrens auge, for han var knytt til Ahab-ætta ved giftarmål.

<sup>28</sup>Saman med Joram, son til Ahab, gjekk Ahasja til krig mot aramearkongen Hasael ved Ramot i Gilead. Men Joram vart såra av aramearane.

<sup>29</sup>Då vende kong Joram attende til Jisreel for å få lækt dei såra som aramearane hadde gjeve han ved Rama i kampen med kong Hasael. Og Judakongen Ahasja, son til Joram, drog ned til Jisreel og ville sjå til Joram, Ahabs son, medan han låg sjuk.

## 2. Kongebok 9

### Jehu blir konge

<sup>1</sup>Profeten Elisja kalla til seg ein av profetlæresveinane og sa: «Bind kjortelen om livet, ta med deg denne oljekrukka og gå til Ramot i Gilead!

<sup>2</sup>Når du kjem dit, skal du finna Jehu, son til Josjafat, son til Nimsji. Gå inn, få han vekk frå dei andre. Ta han med deg inn i det inste rommet!

<sup>3</sup>Ta oljekrukka, slå olje over hovudet hans og sei: Så seier Herren: Eg har salva deg til konge over Israel. Så skal du opna døra og koma deg unna så fort du kan.»

<sup>4</sup>Profetlæresveinen, som berre var ein unggut, drog av stad til Ramot i Gilead.

<sup>5</sup>Då han kom dit, såg han hærførarane sitja saman. «Eg har noko å seia deg, hærførar», sa han. «Kven av oss gjeld det?» spurde Jehu. «Deg, hærførar», svara han.

<sup>6</sup>Då reiste Jehu seg og gjekk inn i huset. Profetlæresveinen slo olje over hovudet hans og sa til han: «Så seier Herren, Israels Gud: Eg har salva deg til konge over Herrens folk, over Israel.

<sup>7</sup>Du skal gjera ende på huset til herren din, Ahab. Eg vil ta hemn over Jesabel for drapet på profetane, tenarane mine, alle Herrenstenarar som leid døden.

<sup>8</sup> Heile Ahabs hus skal gå til grunne. Eg vil rydda ut alle mannfolk, både fange og fri, av Ahabs hus i Israel.

<sup>9</sup> Eg vil gjera med Ahabs hus som eg gjorde med huset til Jeroboam, son til Nebat, og med huset til Basja, son til Ahia.

<sup>10</sup> Jesabel skal hundane eta opp på Jisreel-sletta; ingen skal gravleggja henne.» Så opna profetlæresveinen døra og rømde sin veg.

<sup>11</sup> Då Jehu kom ut til dei andre som tente herren hans, spurde dei han: «Er alt vel? Kvifor kom han til deg, denne galningen?» Han svara: «De kjenner då både han og pratet hans!»

<sup>12</sup> Men dei sa: «Det er løgn! Fortel oss kva han sa!» Då sa han: «Ord for ord sa han til meg: Så seier Herren: Eg har salva deg til konge over Israel.»

<sup>13</sup> Då skunda dei seg, tok kvar si kappe og la under han på trappestega. Så bles dei i horn og ropa: «Jehu er konge!»

### **Jehu gjer opp med Joram og Jesabel**

<sup>14</sup> Slik fekk Jehu, son til Josjafat, son til Nimsji, i stand ei samansverjing mot Joram. Kong Joram og heile Israel hadde forsvara Ramot i Gilead mot aramearkongen Hasael.

<sup>15</sup> No hadde Joram vendt attende til Jisreel og ville få lækt såra som aramearane hadde gjeve han då han kjempa mot Hasael, kongen i Aram. No sa Jehu: «Vil de som eg, så lat ingen sleppa ut av byen og gå til Jisreel for å fortelja om dette.»

<sup>16</sup> Så steig Jehu opp i vogna si og køyrde til Jisreel, der Joram låg sjuk. Kongen i Juda, Ahasja, var komen dit ned; han ville sjå til Joram.

<sup>17</sup> Då vaktmannen som stod oppi tårnet i Jisreel, fekk sjå Jehu koma med flokken sin, ropa han: «Eg ser ein heil flokk!» Joram svara: «Få tak i ein ryttar og send han for å møta dei; han skal spørja om dei kjem i fredeleg ærend.»

<sup>18</sup> Rytteren reid til møtes med dei og ropa: «Kongen spør: Kjem de i fredeleg ærend?» Jehu svara: «Kva skil det deg om vi kjem i fredeleg ærend? Snu om

og følg etter meg!» Då sa vaktmannen frå: «Bodberaren har nådd fram til dei, men han kjem ikkje tilbake.»

<sup>19</sup>Så sende kongen ein annan rytta. Då han kom fram til dei, ropa han: «Kongen spør om de kjem i fredeleg ærend.» Jehu svara: «Kva skil det deg om vi kjem i fredeleg ærend? Snu om og følg etter meg!»

<sup>20</sup>Vaktmannen melde: «Han har nådd fram til dei, men kjem ikkje att. Og dei køyrer som Jehu, son til Nimsji. Han køyrer som ein galen!»

<sup>21</sup> Då sa Joram: «Spenn føre!» Og dei spente føre vogna hans. Så køyrde dei ut i kvar si vogn, Joram, kongen i Israel, og Ahasja, kongen i Juda. Dei køyrde mot Jehu og møtte han på den marka som hadde høyrte Nabot frå Jisreel til.

<sup>22</sup> Då Joram fekk auge på Jehu, ropa han: «Kjem du i fredeleg ærend, Jehu?» Han svara: «Korleis kan eg koma i fredeleg ærend så lenge Jesabel, mor di, framleis driv hor og held på med alle trolldomskunstene sine?»

<sup>23</sup>Joram snudde vogna og flykta. Han ropa til Ahasja: «Dette er svik, Ahasja!»

<sup>24</sup>Men Jehu spente bogen, og han råka Joram mellom armane så pila gjekk rett gjennom hjartet, og han seig saman i vogna.

<sup>25</sup> Då ropa Jehu til Bidkar, våpenberaren sin: «Ta og kast han inn på den marka som høyrde Nabot frå Jisreel til. Kom i hug korleis eg og du reid side om side etter Ahab, far hans, den gongen Herren tala dette domsordet mot han:

<sup>26</sup>Sanneleg, i går såg eg blodet til Nabot og sønene hans, seier Herren. Og det vil eg gje deg att for på denne marka, seier Herren. Ta no og kast han inn på marka, som Herren har sagt.»

<sup>27</sup> Då Ahasja, kongen i Juda, såg dette, flykta han i retning Bet-ha-Gan. Men Jehu følgde etter han og ropa: «Han òg!» Og dei slo han ned medan han sat i vogna si, i Gur-passet ved Jibleam. Han flykta til Megiddo, og der døyde han.



<sup>28</sup>Kongens menn køyrde han til Jerusalem og la han i ei grav hos fedrane hans i Davidsbyen.

<sup>29</sup>Ahasja hadde vorte konge i det ellefte styringsåret til Joram, son til Ahab.

<sup>30</sup>No kom Jehu til Jisreel. Då Jesabel hørde det, sminka ho auga, pynta seg på hovudet og såg ut gjennom vindaugget.

<sup>31</sup> Då Jehu kom inn gjennom byporten, ropa ho: «Kjem du i fredeleg ærend, du Simri som har drepe herren din?»

<sup>32</sup>Jehu såg opp mot vindaugget og sa: «Er det nokon her som held med meg?» Då to–tre hoffmenn såg ut gjennom vindaugget,

<sup>33</sup>ropa han: «Kast henne ned!» Og dei kasta henne ned så blodet spruta opp etter veggen og på hestane, som trødde henne under fot.

<sup>34</sup> Så gjekk Jehu inn. Då han hadde ete og drukke, sa han: «Sjå til å få denne forbanna kvinna gravlagd! Ho var då ei kongsdotter.»

<sup>35</sup>Men då dei kom og skulle gravleggja henne, fann dei ikkje anna enn hovudskallen, føtene og hendene.

<sup>36</sup> Dei vende attende og fortalde dette til Jehu. Då sa han: «No er det oppfylt, det ordet som Herren tala gjennom tenaren sin, Elia frå Tisjbe, då han sa: På Jisreels mark skal hundane eta opp kjøtet av Jesabel.

<sup>37</sup>Liket hennar skal liggja som gjødsel på jorda i Jisreel, og ingen skal kunna seia: Dette er Jesabel.»

## 2. Kongebok 10

### Jehu ryddar ut Ahabs hus

<sup>1</sup>Ahab hadde sytti søner i Samaria. Jehu skreiv brev og sende til Samaria, til stormennene i Jisreel, til dei eldste og til fosterfedrane for sønene til Ahab. Han skreiv:

<sup>2</sup>«Når dette brevet kjem til dykk som har kongssønene hos dykk, og som rår over vognene og hestane, festningsbyane og våpna,

<sup>3</sup>Så vel dykk ut den beste og mest skikka av sønene til herren dykkar! Set han på trona til far hans og kjemp for kongens hus!»

<sup>4</sup>Då vart dei svært redde og sa: «Høyr, dei to kongane kunne ikkje stå seg mot han. Korleis skal då vi greia det?»

<sup>5</sup>Så sende borgherren, bykommandanten, dei eldste og fosterfedrane bod til Jehu og sa: «Vi er tenarane dine, og alt det du bed oss gjera, vil vi gjera. Vi vil ikkje velja nokon konge. Gjer det som er best i dine auge!»

<sup>6</sup>Så skreiv Jehu endå eit brev til dei, og der stod det: «Er de på mi side og lyder meg, så hogg hovudet av sønene til herren dykkar og kom til meg i Jisreel i morgon på denne tid.» Kongssønene, alle sytti, var hos stormennene i byen, som fostra dei opp.

<sup>7</sup>Då dei fekk brevet, tok dei kongssønene og drap alle sytti. Hovuda deira la dei i nokre korgar og sende dei til Jehu i Jisreel.

<sup>8</sup>Då han fekk melding om at dei var komne med hovuda til kongssønene, sa han: «Legg dei i to haugar utfor porten til i morgon!»

<sup>9</sup>Om morgonen gjekk Jehu ut, stilte seg opp der og tala til alt folket: «De er utan skuld. Det var eg som fekk i stand samansverjinga mot herren min og drap han. Men kven har slege i hel alle desse?

<sup>10</sup>Vit då at ikkje eit ord av det Herren har tala mot Ahabs hus, fell maktlaust til jorda. Herren har gjort det han forkynte gjennom Elia, tenaren sin.»

<sup>11</sup>Så slo Jehu i hel alle som var att av Ahabs hus i Jisreel, og alle kongens stormenn, kjenningar og prestar. Han lét ikkje ein einaste vera att.

<sup>12</sup>Sidan braut Jehu opp og drog til Samaria. På vegen dit kom han til Bet-Eked-Haro'im.

<sup>13</sup>Der møtte han brørne til Ahasja, Juda-kongen, og han spurde: «Kven er de?» «Vi er brørne til Ahasja», svara dei. «Vi skal ned og helsa på sønene til kongen og dronninga.»

**14**Då sa Jehu: «Ta dei levande!» Det gjorde dei og slo dei i hel ved brønnen i Bet-Eked, førtito mann i alt. Han lét ikkje ein einaste vera att.

**15** Då han drog derifrå, trefte han Jonadab, son til Rekab, som kom imot han. Jehu helsa på han og sa: «Er du med meg av heile ditt hjarte slik eg er med deg?» «Ja», svara Jonadab. «Er det så, gjev meg handa på det!» sa Jehu. Han gav han handa, og Jehu lét han stiga opp til seg i vogna.

**16**«Følg meg», sa han, «så skal du få sjå min store glød for Herren.» Og han lét han køyra med i vogna.

**17**Då Jehu kom til Samaria, slo han i hel alle som var att av Ahabs hus der i byen. Han rydda ut kvar einaste ein, slik Herren hadde sagt til Elia.

### **Jehu gjer ende på Baal-dyrkarane**

**18** Sidan samla Jehu heile folket og sa til dei: «Ahab dyrka Baal litt, Jehu vil dyrka han mykje.

**19**Kall no alle Baal-profetane hit til meg, alle som dyrkar han, og alle prestane hans! Ingen må vanta, for no skal eg halda ein stor offerfest for Baal. Kvar den som ikkje møter fram, skal lata livet.» Dette var ei list Jehu fann på så han kunne få rydda ut alle Baal-dyrkarane.

**20**«Rop ut ei heilag høgtidssamling for Baal!» sa han, og det gjorde dei.

**21**Jehu sende bod rundt i heile Israel, og alle Baal-dyrkarane kom. Det fanst ikkje ein som heldt seg borte. Då dei gjekk inn i Baal-tempelet, vart huset fullt frå ende til annan.

**22** Så sa han til den mannen som hadde tilsyn med kleskammeret: «Ta fram klede til alle Baal-dyrkarane!» Og han henta fram drakter til dei.

**23**Då Jehu, saman med Jonadab, son til Rekab, kom inn i Baal-tempelet, sa han til Baal-dyrkarane: «Sjå vel etter at det berre er Baal-dyrkarar mellom dykk, ikkje ein einaste som dyrkar Herren.»

**24**Så gjekk dei inn og bar fram slaktoffer og brennoffer. Men Jehu sette åtti mann utanfor tempelet og sa: «Den som lét nokon sleppa unna av dei mennene eg gjev i hendene på dykk, skal sjølv bøta med livet.»

<sup>25</sup> Då dei var ferdige med å bera fram brennofferet, sa Jehu til livvakta og våpenberarane: «Gå inn og hogg dei ned! Lat ikkje ein einaste sleppa unna!» Livvakta og våpenberarane hogg dei ned med sverd og kasta dei ut. Så gjekk dei inn i det inste av Baal-tempelet,

<sup>26</sup> bar ut støttene som stod der, og brende dei opp.

<sup>27</sup> Dei knuste Baal-støtta, reiv ned Baal-tempelet og gjorde det om til latriner, som det er den dag i dag.

<sup>28</sup> Slik rydda Jehu Baal ut av Israel.

<sup>29</sup> Men sjølv heldt han ikkje opp med dei syndene som Jeroboam, son til Nebat, hadde fått israelittane til å gjera: å dyrka gullkalvane i Betel og Dan.

<sup>30</sup> Herren sa til Jehu: «Du har handla vel, gjort det som er rett i mine auge, og alt det eg ønskte med Ahabs hus. Difor skal dine søner sitja på Israels trone i fire ættleder.»

<sup>31</sup> Men Jehu prøvde ikkje av heile sitt hjarte å følgja den lova som Herren, Israels Gud, hadde gjeve. Han vende seg ikkje bort frå dei syndene som Jeroboam hadde fått israelittane til å gjera.

<sup>32</sup> På den tid byrja Herren å riva laus stykke av Israel. Hasael slo israelittane langs heile grensa.

<sup>33</sup> På austsida av Jordan tok han heile Gilead, landet der Gad-, Ruben- og Manasse-stammane budde, heilt frå Aroer ved Arnon-elva og nordover, både Gilead og Basan.

<sup>34</sup> Det som elles er å fortelja om Jehu og alt det han gjorde, alle storverka hans, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

<sup>35</sup> Jehu gjekk til kvile hos fedrane sine og vart gravlagd i Samaria. Joahas, son hans, vart konge etter han.

<sup>36</sup> Den tida Jehu var konge over Israel i Samaria, var tjuette år.

## 2. Kongebok 11

### Joasj blir konge i Juda

- <sup>1</sup> Då Atalja, mor til Ahasja, fekk vita at son hennar var død, byrja ho med ein gong å rydda ut heile kongsætta.
- <sup>2</sup> Men Josjeba, dotter til kong Joram og syster til Ahasja, tok i løynd Joasj, son til Ahasja, bort frå dei kongssønene som skulle drepast. Ho førte han og fostermor hans inn på ein sovesal. Der gøymde dei han for Atalja, så han ikkje vart drepen.
- <sup>3</sup> I seks år heldt han seg løynd hos henne i Herrens hus medan Atalja styrte i landet.
- <sup>4</sup> Men i det sjuande året sende presten Jojada bod etter hundremannsførarane for livvakta og for vaktmennene og lét dei koma til seg i Herrens hus. Han gjorde ei pakt med dei og tok dei i eid i Herrenshus. Så viste han dei kongssonen
- <sup>5</sup> og gav dei ordre om kva dei skulle gjera: «Den tredjeparten av dykk som gjer teneste ved kongeborga på sabbatsdagen,
- <sup>6</sup> den tredjedelen som er ved Sur-porten, og den tredjedelen som er ved porten bak vaktmennene, de skal skiftevis halda vakt ved Herrens hus.
- <sup>7</sup> Og dei to avdelingane av alle dykk som skulle ha avløyning på sabbaten, skal halda vakt over kongen i Herrens hus.
- <sup>8</sup> De skal stilla dykk i ein ring rundt kongen, kvar mann med våpen i hand. Om nokon trengjer seg inn i rekkjene, skal han døy. De må følgja kongen kvar han går og står.»
- <sup>9</sup> Hundremannsførarane gjorde i eitt og alt som presten Jojada gav ordre om. Kvar tok sine menn; dei tok både dei som gjekk på vakt på sabbaten, og dei som skulle ha avløyning, og kom til presten Jojada.
- <sup>10</sup> Presten gav hundremannsførarane dei spyda og skjolda som hadde høyrte kong David til, og som var i Herrens hus.
- <sup>11</sup> Og vaktmennene stilte seg opp, kvar mann med våpen i hand, frå sørsida til nordsida av tempelet, nær ved altaret og huset, i ein ring rundt kongen.

<sup>12</sup> Så førte Jojada kongssonen ut, sette krona på han og gav han kongesymbola. Dei ropa han ut til konge og salva han, klappa i hendene og ropa: «Leve kongen!»

<sup>13</sup> Då Atalja høyrde ropa frå vaktmennene og folkemengda, gjekk ho opp til folket i Herrens hus.

<sup>14</sup> Der fekk ho sjå kongen stå ved søyla, som skikken var, og stormennene og hornblåsarane attmed han, medan heile folket jubla og bles i trompetar. Då reiv Atalja sund kleda sine og ropa: «Svik, svik!»

<sup>15</sup> Men presten Jojada gav hundremannsførarane, dei som stod i spissen for hæren, denne ordren: «Før henne ut mellom rekkjene! Følgjer nokon etter henne, så drep han med sverd.» For presten hadde sagt: «Ho må ikkje drepast i Herrens hus!»

<sup>16</sup> Så greip dei Atalja. Og då ho var komen gjennom Hesteporten og inn i kongeborga, vart ho drepen der.

<sup>17</sup> Sidan gjorde Jojada ei pakt mellom Herren og kongen og folket: Dei skulle vera Herrens folk. Mellom kongen og folket gjorde han òg ei pakt.

<sup>18</sup> Så gjekk heile folkemengda til Baal-tempelet og reiv det ned. Altara og gudebileta knuste dei, og Baal-presten Mattan drap dei framfor altaret. Presten Jojada sette ut vaktpostar ved Herrens hus.

<sup>19</sup> Så tok han med seg hundremannsførarane, livvakta, vaktmennene og heile folkemengda. Dei førte kongen ned frå Herrens hus og følgde han inn i kongeborga gjennom Vaktporten. Der sette han seg på trona.

<sup>20</sup> Heile folket jubla, og det var ro i byen. Men Atalja hadde dei drepe med sverd i kongeborga.

<sup>21</sup> Joasj var sju år gammal då han vart konge.

## 2. Kongebok 12

### Tempelet blir sett i stand

<sup>1</sup> Det var i det sjuande styringsåret til Jehu at Joasj vart konge, og han styrte i Jerusalem i førti år. Mor hans heitte Sibja og var frå Beer-Sjeba.

<sup>2</sup> Så lenge han levde, gjorde Joasj det som rett var i Herrens auge, slik presten Jojada hadde lært han.

<sup>3</sup> Men offerhaugane vart ikkje nedlagde. Folket heldt fram å ofra og tenna offereld på haugane.

<sup>4</sup> Joasj sa til prestane: «Alle dei heilage gåvene som kjem inn til Herrens hus i form av gangbar mynt – det som kvar einskild skal betala i skatt eller vil gje etter eige ønske – alt skal førast til Herrens hus,

<sup>5</sup> og prestane skal ta imot, kvar frå sine underordna. Så skal dei setja tempelet i stand, alle stader der det er skadd.»

<sup>6</sup> Men i det tjuetredje året Joasj var konge, hadde prestane enno ikkje sett tempelet i stand der det var skadd.

<sup>7</sup> Då kalla kong Joasj presten Jojada og dei andre prestane til seg og sa: «Kvifor bøter de ikkje brestene i Herrens hus? No skal de ikkje lenger ta imot pengar frå dykkar underordna, men gje dei frå dykk så tempelet kan setjast i stand.»

<sup>8</sup> Prestane gjekk med på at dei ikkje skulle ta imot pengar av folket. Men så skulle dei heller ikkje setja i stand tempelet.

<sup>9</sup> Presten Jojada tok ei kiste, bora hòl i loket og sette henne på høgre sida av altaret. Når folk kom til tempelet, la prestane som heldt vakt ved inngangen, alle pengane som kom inn til Herrens hus, i kista.

<sup>10</sup> Når dei såg at det var mange pengar i kista, kom skrivaren til kongen og overpresten. Dei samla og talde opp pengane som fanst i Herrens hus.

<sup>11</sup> Så vog dei opp pengane og gav dei til arbeidsleiarane som hadde tilsyn med Herrens hus. Og dei gav dei til tømmermennene og bygningsmennene som arbeidde på tempelet,

<sup>12</sup>til murarane og steinhoggarane. Dei brukte dei òg til å kjøpa tre og hoggen stein så dei kunne setja Herrens hus i stand att. Slik dekte dei alle utgiftene med å halda tempelet i stand.

<sup>13</sup>Men dei pengane som kom inn til tempelet, vart ikkje brukte til å laga sølvbollar, lysesakser, offerskåler eller trompetar eller noko anna utstyr av gull eller sølv.

<sup>14</sup>Pengane vart gjevne til arbeidsleiarane, som sytte for å setja Herrens hus i stand.

<sup>15</sup>Ingen heldt rekneskap med dei som tok imot pengane og gav dei til handverkarane, for dei fór ærleg fram.

<sup>16</sup> Pengar frå skuldofferet og frå syndofferet gjekk ikkje til Herrens hus. Dei fekk prestane.

<sup>17</sup>På den tid gjekk aramearkongen Hasael til åtak på Gat og tok byen. Så sette han seg føre å fara opp mot Jerusalem.

<sup>18</sup> Då tok Joasj, Juda-kongen, alle dei heilage tinga som forfedrane hans, Juda-kongane Josjafat, Joram og Ahasja, hadde helga til tempelet, og det han sjølv hadde helga. Saman med alt gullet som fanst i skattkammera, både i Herrens hus og i kongeborga, sende han det til Hasael, aramearkongen. Han drog då bort frå Jerusalem.

<sup>19</sup>Det som elles er å seia om Joasj og alt det han gjorde, står skriva i krønikeboka til Juda-kongane.

<sup>20</sup> Mennene hans reiste seg mot kongen og fekk til ei samansverjing. Dei drap Joasj i Millo-huset då han var på veg ned mot Silla.

<sup>21</sup>Dei kongsmennene som slo han i hel, var Josakar, son til Sjimat, og Josabad, son til Sjomer. Dei gravla han hos fedrane hans i Davidsbyen, og Amasja, son hans, vart konge etter han.

## 2. Kongebok 13

### Israels-kongane Joahas og Joasj



- <sup>1</sup>I det tjuetredje året Joasj, son til Ahasja, var konge i Juda, vart Joahas, son til Jehu, konge i Israel. Han styrte i Samaria i sytten år.
- <sup>2</sup>Joahas gjorde det som vondt var i Herrens auge, og heldt fram med dei syndene som Jeroboam, son til Nebat, hadde fått israellittane til å gjera. Han heldt ikkje opp med dei.
- <sup>3</sup>Då vart Herren brennande harm på Israel. Gong på gong gav han dei over i hendene på aramearkongen Hasael og son hans, Ben-Hadad.
- <sup>4</sup>Men Joahas bad om velvilje for Herrensandlet, og Herren hørde bøna hans; for han såg korleis aramearkongen undertrykte israellittane.
- <sup>5</sup>Herren gav dei ein bergingsmann, så dei slapp fri frå aramearveldet. No kunne israellittane bu i fred som før.
- <sup>6</sup>Likevel gav dei ikkje opp dei syndene som Jeroboams hus hadde fått israellittane til å gjera. Dei heldt dei fram med. Til og med Asjera-pålen vart ståande i Samaria.
- <sup>7</sup>Joahas hadde ikkje meir att enn femti ryttarar, ti vogner og ti tusen fotfolk. Resten hadde aramearkongen øydelagt og trakka ned som støv.
- <sup>8</sup>Det som elles er å seia om Joahas, om alt han gjorde, og om storverka hans, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.
- <sup>9</sup>Joahas gjekk til kvile hos fedrane sine. Han vart gravlagd i Samaria, og Joasj, son hans, vart konge etter han.
- <sup>10</sup>I det trettisjuande året Joasj var konge i Juda, vart Joasj, son til Joahas, konge i Israel. Han styrte i Samaria i seksten år.
- <sup>11</sup>Joasj gjorde det som vondt var i Herrens auge. Han gav ikkje opp alle dei syndene som Jeroboam, son til Nebat, hadde fått israellittane til å gjera. Dei heldt han fram med.
- <sup>12</sup>Det som elles er å seia om Joasj, om alt han gjorde, og om storverka hans i krigen med Amasja, kongen i Juda, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

<sup>13</sup> Då Joasj gjekk til kvile hos fedrane sine, sette Jeroboam seg på trona hans. Joasj vart gravlagd i Samaria mellom Israels-kongane.

### **Profeten Elisja dør**

<sup>14</sup> Då Elisja vart ramma av den sjukdomen han skulle døy av, kom Joasj, Israels konge, til han. Gråtande bøygde han seg ned over han og sa: «Min far, min far! Israels vogner og hestar!»

<sup>15</sup> Elisja sa til han: «Hent ein boge og nokre piler!» Og han henta ein boge og nokre piler.

<sup>16</sup> Elisja sa til kongen: «Legg handa di på bogen!» Han så gjorde, og Elisja la hendene sine over hendene til kongen.

<sup>17</sup> Så sa han: «Lukk vindaugget opp mot aust!» Han opna det, og Elisja sa: «Skyt!» Og kongen skaut. Då sa profeten: «Ei sigerspil frå Herren, ei sigerspil mot Aram! Du skal slå aramearane i Afek og gjera ende på dei.»

<sup>18</sup> Så sa han: «Ta pilene!» Kongen tok dei, og profeten sa til han: «Slå på jorda!» Han slo tre gonger, men så heldt han opp.

<sup>19</sup> Då vart gudsmannen sint på han og sa: «Du skulle ha slege fem eller seks gonger! Då hadde du slege aramearane og gjort ende på dei. No kjem du berre til å slå dei tre gonger.»

<sup>20</sup> Så døydde Elisja og vart gravlagd. På den tid kom det kvart år flokkar av moabittar for å plyndra i landet.

<sup>21</sup> Ein gong fekk nokre som skulle gravleggja ein mann, sjå at det kom ein slik røvarflokk. Då kasta dei mannen ned i grava til Elisja. Med det same mannen kom nær beina til Elisja, vart han levande att og reiste seg opp.

### **Israel vann over aramearane**

<sup>22</sup> Aramearkongen Hasael gjorde israelittane vondt så lenge Joahas levde.

<sup>23</sup> Men Herren var nådig og mild mot dei. Han vende seg til dei på grunn av pakta si med Abraham, Isak og Jakob. Han ville ikkje øyda dei ut og har til no ikkje støytt dei bort frå andletet sitt.

<sup>24</sup>Då aramearkongen Hasael døydde, vart Ben-Hadad, son hans, konge etter han.

<sup>25</sup>Joasj, son til Joahas, vann då att frå Ben-Hadad, son til Hasael, dei byane som Hasael hadde teke frå Joahas, far hans, i krigen. Tre gonger slo Joasj han og tok att dei byane som hadde høyrte Israel til.

## 2. Kongebok 14

### Kong Amasja i Juda

<sup>1</sup>I det andre året Joasj, son til Joahas, var konge i Israel, vart Amasja, son til Joasj, konge i Juda.

<sup>2</sup>Han var tjuefem år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i tjueni år. Mor hans heitte Joaddan og var frå Jerusalem.

<sup>3</sup>Amasja gjorde det som rett var i Herrens auge, men ikkje heilt som David, stamfar hans. Han gjorde alt slik som Joasj, far hans, hadde gjort.

<sup>4</sup>Men offerhaugane vart ikkje nedlagde. Folket heldt fram med å ofra og tenna eld på haugane.

<sup>5</sup>Så snart Amasja hadde kongedømet trygt i si hand, slo han i hel dei tenarane som hadde drepe far hans, kongen.

<sup>6</sup>Men borna åt drapsmennene slo han ikkje i hel. Han heldt seg til det som står skrive i lovboka til Moses, der Herren byd: Fedrar skal ikkje døy for borna, og born skal ikkje døy for fedrane. Kvar og ein skal døy for si eiga synd.

<sup>7</sup>Amasja slo edomittane i Saltdalen, ti tusen mann. I den krigen tok han Sela. Han gav byen namnet Jokteel, som han heiter den dag i dag.

<sup>8</sup>På den tid sende Amasja bod til Israels-kongen Joasj, son til Joahas, son til Jehu. «Kom, lat oss kjempa andlet til andlet!» sa han.

<sup>9</sup>Men Joasj, kongen i Israel, sende dette bodet tilbake til Juda-kongen Amasja: «Tistelen i Libanon sende ein gong bod til sedertreet i Libanon og sa:

Lat son min få dotter di til kone! Men eit av villdyra i Libanon kom forbi og trampa tistelen ned.

<sup>10</sup>Du har slege edomittane, og difor har du vorte overmodig. Ver no nøgd med den æra du har, og hald deg heime! Kvifor vil du styrta deg i ulukke så du går til grunne, og Juda med deg?»

<sup>11</sup>Men Amasja ville ikkje høyra på han. Då rykte Israels-kongen Joasj ut mot Amasja, kongen i Juda. Dei kjempa andlet til andlet i Bet-Sjemesj, som ligg i Juda.

<sup>12</sup>Judearane vart slegne av israelittane og flykta kvar til sitt.

<sup>13</sup> Juda-kongen Amasja, son til Joasj, son til Ahasja, vart teken til fange i Bet-Sjemesj av Joasj, Israels konge. Då dei kom til Jerusalem, reiv han ned fire hundre alner av bymuren, frå Efraim-porten til Hjørneporten.

<sup>14</sup> Så tok han alt gullet og sølvet og alt utstyret som fanst i Herrens hus og i skattkammera i kongeborga, og dessutan gislane. Så vende han attende til Samaria.

<sup>15</sup>Det som elles er å fortelja om Joasj og alt det han gjorde, om storverka hans i krigen mot Juda-kongen Amasja, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

<sup>16</sup>Joasj gjekk til kvile hos fedrane sine. Han vart gravlagd i Samaria hos Israels-kongane. Jeroboam, son hans, vart konge etter han.

<sup>17</sup>Juda-kongen Amasja, son til Joasj, levde femten år etter at Israels-kongen Joasj, son til Joahas, var død.

<sup>18</sup>Det som elles er å fortelja om Amasja, står skrive i krønikeboka til Juda-kongane.

<sup>19</sup> Dei fekk til ei samansverjing mot han i Jerusalem. Då flykta han til Lakisj. Men dei sende folk etter han og drap han der.

<sup>20</sup>Så førte dei han til Jerusalem på hesteryggen, og han vart gravlagd i Davidsbyen, der fedrane hans låg.

<sup>21</sup> Heile folket i Juda tok Asarja, som då var seksten år gammal, til konge etter Amasja, far hans.

<sup>22</sup> Det var han som vann byen Eilat tilbake til Juda og bygde byen om til ei borg, etter at kongen hadde gått til kvile hos fedrane sine.

### **Kong Jeroboam i Israel**

<sup>23</sup> I det femtande året Amasja, son til Joasj, var konge i Juda, vart Jeroboam, son til Joasj, konge i Israel. Han styrte i Samaria i førtiein år.

<sup>24</sup> Jeroboam gjorde det som vondt var i Herrens auge, og heldt ikkje opp med dei syndene som Jeroboam, son til Nebat, hadde fått israellittane med på.

<sup>25</sup> Han vann tilbake landområde som hadde høyrte Israel til, frå Lebo-Hamat til Araba-sjøen. Det gjekk som Herren, Israels Gud, hadde sagt gjennom tenaren sin, Jona, son til Amittai, profeten frå Gat-Hefer.

<sup>26</sup> For Herren hadde sett kor ille det stod til med israellittane. Det var ute med alle som ein, og dei hadde ingen til å hjelpa seg.

<sup>27</sup> Men Herren hadde ikkje sagt at han ville utsletta Israels namn under himmelen. Difor berga han dei gjennom Jeroboam, son til Joasj.

<sup>28</sup> Det som elles er å fortelja om Jeroboam og alt det han gjorde, om storverka hans i krigen då han vann att Damaskus og Hamat for Israel, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

<sup>29</sup> Jeroboam gjekk til kvile hos fedrane sine, Israels-kongane, og Sakarja, son hans, vart konge etter han.

## **2. Kongebok 15**

### **Kong Asarja i Juda**

<sup>1</sup> I det tjuesjuande året Jeroboam var konge i Israel, vart Asarja, son til Amasja, konge i Juda.

<sup>2</sup> Han var seksten år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i femtito år. Mor hans heitte Jekolja og var frå Jerusalem.

<sup>3</sup> Asarja gjorde det som rett var i Herrens auge, heilt og fullt som Amasja, far hans, hadde gjort.

<sup>4</sup> Men offerhaugane vart ikkje nedlagde. Folket heldt fram med å ofra og brenna offereld på haugane.

<sup>5</sup> Men Herren rørte ved kongen slik at han leid av ein hudsjukdom heilt til sin dødsdag. Han budde i eit hus for seg sjølv, og Jotam, son til kongen, styrte slottet og folket i landet.

<sup>6</sup> Det som elles er å seia om Asarja og alt det han gjorde, står skrive i krønikeboka til Juda-kongane.

<sup>7</sup> Asarja gjekk til kvile hos fedrane sine. Han vart gravlagd hos fedrane sine i Davidsbyen, og Jotam, son hans, vart konge etter han.

### **Dei siste kongane i Israel**

<sup>8</sup> I det trettiåttande året Asarja var konge i Juda, vart Sakarja, son til Jeroboam, konge i Israel. Han styrte i Samaria i seks månader.

<sup>9</sup> Sakarja gjorde det som vondt var i Herrens auge, slik fedrane hans hadde gjort. Han heldt ikkje opp med dei syndene som Jeroboam, son til Nebat, hadde fått israellittane til å gjera.

<sup>10</sup> Sjallum, son til Jabesj, fekk til ei samansverjing mot Sakarja. Han slo han i hel så folket såg på, og vart sjølv konge etter han.

<sup>11</sup> Det som elles er å seia om Sakarja, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

<sup>12</sup> Det gjekk i oppfyljing, det ordet som Herren hadde tala til Jehu: «I fire ledd skal sønene dine sitja på Israels trone.» Og slik vart det.

<sup>13</sup> Sjallum, son til Jabesj, vart konge i det trettiniande året Ussia var konge i Juda. Han styrte i Samaria ein månads tid.

<sup>14</sup> Då drog Menahem, son til Gadi, opp frå Tirså og kom til Samaria. Der slo han i hel Sjallum, son til Jabesj, og vart konge i hans stad.

<sup>15</sup>Det som elles er å seia om Sjallum og samansverjinga han fekk i stand, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

<sup>16</sup>Så øydela Menahem Tappuah og alt som var i byen, og områda ikring heilt til Tirsa. Fordi folket ikkje hadde opna porten for han, herja han byen og skar opp alle kvinner som var med barn.

<sup>17</sup>Det var i det trettiniande styringsåret til Juda-kongen Asarja at Menahem, son til Gadi, vart konge i Israel. Han styrte i Samaria i ti år.

<sup>18</sup>Menahem gjorde det som vondt var i Herrens auge. Så lenge han levde, heldt han ikkje opp med dei syndene som Jeroboam, som til Nebat, hadde fått isrealittane til å gjera.

<sup>19</sup>Assyrarkongen Pul gjekk til åtak på landet. Då gav Menahem han tusen talentar sølv for at han skulle støtta han og tryggja kongsmakta hans.

<sup>20</sup>Sølv et til assyrarkongen kravde Menahem inn frå alle velståande isrealittar, femti sjekel frå kvar. Då trekte assyrarkongen seg tilbake; han vart ikkje ståande i landet.

<sup>21</sup>Det som elles er å seia om Menahem og alt han gjorde, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

<sup>22</sup>Menahem gjekk til kvile hos fedrane sine, og Pekahja, son hans, vart konge etter han.

<sup>23</sup>I det femtiande året Asarja var konge i Juda, vart Pekahja, son til Menahem, konge i Israel. Han styrte i Samaria i to år.

<sup>24</sup>Pekahja gjorde det som vondt var i Herrens auge, og heldt ikkje opp med dei syndene som Jeroboam, son til Nebat, hadde fått isrealittane til å gjera.

<sup>25</sup>Våpenberaren hans, Pekah, son til Remalja, fekk i stand ei samansverjing mot Pekahja. Han hogg ned både han og Argob og Arje i Samaria, inne i borga i slottet til kongen. Pekah hadde med seg femti mann frå Gilead. Då han hadde drepe Pekahja, vart han konge i hans stad.

<sup>26</sup>Det som elles er å seia om Pekahja og alt han gjorde, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

<sup>27</sup>Det var i det femtiandre styringsåret til Juda-kongen Asarja at Pekah, son til Remalja, vart konge i Israel. Han styrte i Samaria i tjuue år.

<sup>28</sup>Pekah gjorde det som vondt var i Herrens auge, og heldt ikkje opp med dei syndene som Jeroboam, son til Nebat, hadde fått israellittane til å gjera.

<sup>29</sup>På den tid Pekah var konge i Israel, kom Tiglat-Pileser, kongen av Assur, og tok Ijjon, Abel-Bet-Maaka, Janoah, Kedesj, Hasor, Gilead og Galilea, heile Naftali-landet. Og han førte folket bort til Assur.

<sup>30</sup>Då fekk Hosea, son til Ela, i stand ei samansverjing mot Pekah, son til Remalja. Hosea slo han i hel og vart konge i hans stad. Dette var i det tjuande året etter at Jotam, son til Ussia, vart konge.

<sup>31</sup>Det som elles er å seia om Pekah og alt han gjorde, står skrive i krønikeboka til Israels-kongane.

### **Kong Jotam i Juda**

<sup>32</sup>I det andre året Pekah, son til Remalja, var konge i Israel, vart Jotam, son til Ussia, konge i Juda.

<sup>33</sup>Han var tjuuefem år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i seksten år. Mor hans heitte Jerusja og var dotter til Sadok.

<sup>34</sup>Jotam gjorde det som rett var i Herrens auge, i eitt og alt som Ussia, far hans, hadde gjort.

<sup>35</sup>Men offerhaugane vart ikkje nedlagde. Folket heldt fram med å ofra og tenna offereld på haugane. Det var Jotam som bygde Øvreporten i Herrens hus.

<sup>36</sup>Det som elles er å seia om Jotam og alt han gjorde, står skrive i krønikeboka til Juda-kongane.

<sup>37</sup>På den tid byrja Herren å la aramearkongen Resin og Pekah, son til Remalja, gå mot Juda.



<sup>38</sup>Så gjekk Jotam til kvile hos fedrane sine, og han vart gravlagd mellom dei i Davidsbyen. Ahas, son hans, vart konge etter han.

## 2. Kongebok 16

### Ahas søker hjelp hos assyrarkongen

<sup>1</sup>I det syttande styringsåret til Pekah, son til Remalja, vart Ahas, son til Jotam, konge i Juda.

<sup>2</sup>Han var tjue år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i seksten år. Ahas gjorde ikkje det som rett var i Herren hans Guds auge slik som David, stamfar hans, hadde gjort,

<sup>3</sup>Han følgde i fotefara til Israels-kongane. Han lét jamvel son sin gå gjennom elden. Dette var ein avskyeleg skikk som han fekk frå dei folkeslaga som Herren hadde drive vekk framfor israellittane.

<sup>4</sup>Han ofra og tende offereld på haugane og høgdene og under kvart frodig tre.

<sup>5</sup>På den tida drog aramearkongen Resin og Israels-kongen Pekah, son til Remalja, i krig mot Jerusalem. Dei kringsette Ahas, men greidde ikkje å gå til åtak.

<sup>6</sup>Det var den gongen aramearkongen Resin vann Eilat tilbake til Aram og dreiv judearane ut av byen. Så kom det edomittar og busette seg i Eilat, og dei bur der den dag i dag.

<sup>7</sup>Då sende Ahas bod til assyrarkongen Tiglat-Pileser og sa: «Eg er din tenar og din son. Kom og berg meg frå aramearkongen og Israels-kongen som har reist seg mot meg.»

<sup>8</sup>Ahas tok sølvet og gullet som var i Herrens hus og i skattkammera i kongeborga, og sende det som gåve til kongen av Assur.

<sup>9</sup>Og assyrarkongen hørde på han. Han drog opp mot Damaskus og tok byen. Folket som budde der, førte han bort til Kir, og Resin drap han.

### Omskifte i tempelet

<sup>10</sup>Kong Ahas drog til Damaskus og ville møta assyrarkongen Tiglat-Pileser. Då han fekk sjå det altaret som var der, sende han bod til presten Uria med bilete av altaret og ei teikning som i eitt og alt viste korleis det var laga.

<sup>11</sup>Og før kong Ahas kom att frå Damaskus, hadde presten Uria bygd altaret. Han hadde i eitt og alt følgt den skissa som kong Ahas hadde sendt frå Damaskus.

<sup>12</sup>Då kongen kom heim att frå Damaskus og fekk sjå altaret, gjekk han fram for det og ofra på det.

<sup>13</sup>Han brende sitt brennoffer og sitt grødeoffer og auste ut drikkofferet, og blodet av fredsoffera sine stenka han på altaret.

<sup>14</sup>Men bronsealtaret som stod for Herrens andlet, flytte han bort frå den staden det hadde hatt framfor tempelet, mellom det nye altaret og Herrens hus. Og han sette det på nordsida av det nye altaret.

<sup>15</sup>Kong Ahas gav presten Uria dette påbodet: «På det store altaret skal du brenna brennofferet om morgonen og grødeofferet om kvelden, både brennofferet for kongen og grødeofferet hans og brennofferet for heile folket og grødeofferet og drikkofferet deira. Du skal stenka alt blodet av brennofferet og slaktofferet på det store altaret. Men bronsealtaret skal eg bruka når eg tek varsel.»

<sup>16</sup>Og presten Uria gjorde i eitt og alt som kongen hadde pålagt han.

<sup>17</sup> Kong Ahas skar av tverrlistene på vognstativa og tok vekk vaskefata. Så tok han havet ned av bronseoksane som bar det, og sette det på eit underlag av stein.

<sup>18</sup> Av omsyn til assyrarkongen flytte han den overbygde sabbatsgangen og den ytre kongeinngangen som var i Herrenshus.

<sup>19</sup>Det som elles er å seia om Ahas og det han gjorde, står skrive i krønikeboka til Juda-kongane.

<sup>20</sup> Så gjekk Ahas til kvile hos fedrane sine, og han vart gravlagd mellom dei i Davidsbyen. Hiskia, son hans, vart konge etter han.

## 2. Kongebok 17

### Kong Hosea og Samarias fall

<sup>1</sup> I det tolvte året Ahas var konge i Juda, vart Hosea, son til Ela, konge i Israel. Han styrte i Samaria i ni år.

<sup>2</sup> Hosea gjorde det som vondt var i Herrens auge, men bar seg ikkje så ille åt som Israels-kongane før han.

<sup>3</sup> Assyrrarkongen Salmanassar drog opp imot han, og Hosea måtte gje seg under han og betala skatt.

<sup>4</sup> Men sidan fekk assyrarkongen greie på at Hosea var med på ei samansverjing. Han hadde sendt bod til egyptarkongen So og betalte ikkje lenger den årlege skatten sin til assyrarkongen. Då greip assyrarkongen han og sette han i fengsel.

<sup>5</sup> Så rykte han inn i landet og gjekk mot Samaria, som han heldt kringsett i tre år.

<sup>6</sup> I det niande styringsåret til Hosea tok assyrarkongen Samaria og førte israelittane bort til Assur. Han lét dei busetja seg i Halah og ved Habor, ei elv i Gosan, og i byane i Media.

### Grunnane til at Nordriket fall

<sup>7</sup> Slik gjekk det fordi israelittane synda mot Herren sin Gud, han som førte dei opp frå Egypt og fria dei frå makta til egyptarkongen farao. Dei frykta andre gudar

<sup>8</sup> og følgde skikkane hos dei folka som Herren hadde drive ut for israelittane, og bar seg åt som kongane deira hadde gjort.

<sup>9</sup> I løynd gjorde israelittane det som ikkje var rett for Herrendeira Gud. Dei bygde offerhaugar i alle byane sine, både i dei med vaktårn og i festningsbyane.

**10** Dei reiste steinstøtter og Asjera-pålar på kvar høg haug og under kvart frodig tre.

**11**På alle desse haugane tende dei offereld slik som dei folkeslaga Herren hadde drive bort for dei. Dei gjorde òg mykje anna vondt som gjorde Herren rasande.

**12** Dei dyrka avgudar, endå Herren hadde sagt til dei: «Det skal de ikkje gjera!»

**13** Herren åtvara Israel og Juda gjennom alle profetane og sjåarane sine. Han sa: «Vend om frå dykkar vonde ferd! Hald boda og forskriftene mine i samsvar med heile den lova eg la på fedrane dykkar og sende dykk gjennom tenarane mine, profetane.»

**14**Men dei ville ikkje høyra. Dei var gjenstridige liksom fedrane deira, som ikkje trudde på Herren sin Gud.

**15** Dei vraka forskriftene hans og den pakta han hadde gjort med fedrane deira, og dei åtvaringane han hadde gjeve dei. Dei følgde det tomme og enda i det tomme. Dei gjorde som folkeslaga ikring dei, endå Herren hadde sagt: «De skal ikkje gjera som dei!»

**16** Dei gjekk frå alle dei boda som Herren deira Gud hadde gjeve dei. Dei laga seg to støypte kalvar og reiste ein Asjera-påle. Dei bøygde seg og tilbad heile himmelhæren og dyrka Baal.

**17** Dei lét sønene og døtrene sine gå gjennom elden, tok varsel og dreiv med spådomskunster. Dei selde seg sjølve til å gjera det som vondt var i Herrens auge, og dermed gjorde dei han rasande.

**18** Herren vart brennande harm på israelittane og støytt dei frå sitt andlet. Berre Juda-stammen vart att.

**19**Men heller ikkje Juda heldt dei bod som Herren deira Gud hadde gjeve. Dei følgde dei skikkane som israelittane hadde ført inn.

<sup>20</sup>Difor vraka Herren heile Israels ætt. Han audmjuka dei, gav dei i hendene på ransmenn og kasta dei til slutt frå sitt andlet.

<sup>21</sup> For Israel reiv seg laus frå Davids hus og tok Jeroboam, son til Nebat, til konge. Jeroboam leidde israelittane bort frå Herren, og han fekk dei til å gjera stor synd.

<sup>22</sup> Israelittane gjorde dei same syndene som Jeroboam og heldt ikkje opp med dei.

<sup>23</sup> Til sist støytt Herren dei frå sitt andlet, slik han hadde varsla gjennom alle tenarane sine, profetane. Israelittane vart førte bort frå landet sitt til Assur, og der har dei vore til denne dag.

### **Framand gudsdyrking i Samaria**

<sup>24</sup> Assyrarkongen henta folk frå Babel, Kuta, Avva, Hamat og Sefarvajim og lét dei busetja seg i byane i Samaria i staden for israelittane. Dei tok Samaria i eige og slo seg ned i byane der.

<sup>25</sup> Den første tida dei budde der, frykta dei ikkje Herren. Difor sende Herren løver inn mellom dei, og løvene drap mange av dei.

<sup>26</sup> Då var det nokon som sa til assyrarkongen: «Dei folka du førte bort og lét busetja seg i byane i Samaria, veit ikkje korleis dei skal dyrka guden her i landet. Han har sendt løver inn mellom dei, og løvene drep dei fordi dei ikkje veit korleis guden i landet skal dyrkast.»

<sup>27</sup> Då gav assyrarkongen denne ordren: «Send tilbake ein av dei prestane de har ført bort frå landet! Lat han fara av stad og busetja seg der, og så skal han læra folket korleis guden i landet skal dyrkast.»

<sup>28</sup> Ein av prestane som var bortført frå Samaria, kom då og busette seg i Betel. Han lærte folket korleis dei skulle frykta Herren.

<sup>29</sup> Likevel heldt kvart folk fram med å laga seg sine egne gudar og sette dei i heilagdomar som folket i Samaria hadde bygd på offerhaugane. Det gjorde kvart folk i byane der dei budde.

<sup>30</sup>Folket frå Babel laga eit bilete av Sukkot-Benot, dei frå Kut laga eit bilete av Nergal, og dei frå Hamat laga eit bilete av Asjima.

<sup>31</sup>Folket frå Avva laga bilete av Nibhas og Tartak, og dei frå Sefarvajim brende sønene sine i elden for Adrammelek og Anammelek, gudane i Sefarvajim.

<sup>32</sup> Dei frykta nok Herren, men gjorde òg nokre av sine egne til prestar på offerhaugane, og dei ofra for dei i heilagdomane der.

<sup>33</sup> Dei frykta Herren, men dyrka sine egne gudar på same måten som dei folkeslaga dei var bortførte frå.

<sup>34</sup> Til denne dag har dei følgd dei gamle skikkane sine. Dei fryktar ikkje Herren og følgjer ikkje dei forskriftene og reglane, den lova og det bodet Herren la på etterkomarane til Jakob, som han gav namnet Israel.

<sup>35</sup> Herren gjorde ei pakt med dei og gav dei dette bodet: «De skal ikkje frykta andre gudar, ikkje bøya dykk og tilbe dei og ikkje dyrka dei eller ofra til dei.

<sup>36</sup> Men Herren som førte dykk opp frå Egypt med stor styrke og strak arm, han skal de frykta. Han skal de bøya dykk for og tilbe, og til han skal de ofra.

<sup>37</sup> Dei forskriftene og reglane, den lova og det bodet han skreiv opp for dykk, skal de alltid leggja vinn på å følgja. Og de må ikkje frykta andre gudar.

<sup>38</sup> Gløym ikkje den pakta eg gjorde med dykk, og frykt ikkje andre gudar!

<sup>39</sup> Berre Herren dykkar Gud skal de frykta; så vil han fri dykk frå fiendehand.»

<sup>40</sup> Men dei ville ikkje høyra. Dei heldt fram med å følgja dei gamle skikkane sine.

<sup>41</sup> Desse framande folkeslaga frykta nok Herren, men dyrka sine egne gudebilete. Til denne dag har borna og barneborna deira gjort som fedrane.

## 2. Kongebok 18

### Kong Hiskia i Juda

<sup>1</sup> I det tredje året Hosea, son til Ela, var konge i Israel, vart Hiskia, son til Ahas, konge i Juda.

<sup>2</sup>Han var tjuufem år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i tjueni år. Mor hans heitte Abi og var dotter til Sakarja.

<sup>3</sup>Hiskia gjorde det som rett var i Herrens auge, i eitt og alt slik David, stamfar hans, hadde gjort.

<sup>4</sup>Han la ned offerhaugane, slo sund steinstøttene og hogg ned Asjera-pålane. Koparormen som Moses hadde laga, knuste han. Heilt til den tid hadde israelittane tent offereld til ormen. Dei kalla han Nehusjtan.

<sup>5</sup>Hiskia sette si lit til Herren, Israels Gud. Verken før eller seinare har det vore hans like mellom alle Juda-kongane.

<sup>6</sup>Han heldt seg nær til Herren og veik ikkje frå han. Han heldt dei boda som Herren hadde gjeve Moses.

<sup>7</sup>Herren var med han, og han hadde lukka med seg i alt han tok seg føre. Han gjorde opprør mot assyrarkongen og ville ikkje tena han lenger.

<sup>8</sup>Han slo filistrane heilt til Gaza og områda ikring, både byar med vaktårn og festningsbyane.

### **Israelittane blir bortførte til Assur**

<sup>9</sup>I det fjerde styringsåret til kong Hiskia, det sjuande året Hosea, son til Ela, var konge i Israel, drog assyrarkongen Salmanassar opp mot Samaria og omringa byen.

<sup>10</sup>Då tre år var gått, tok dei han. Det var i det sjette styringsåret til Hiskia at Samaria fall, det niande året Hosea var konge i Israel.

<sup>11</sup>Assyrarkongen førte israelittane bort til Assur og lét dei busetja seg i Halah og ved Habor, ei elv i Gosan, og i byane i Media.

<sup>12</sup>Dette hende fordi dei ikkje ville høyra på Herren sin Gud, men braut pakta hans – alt det som Moses, Herrens tenar, hadde gjeve dei. Dei korkje hørde eller gjorde etter det.

### **Sanheribs hærferd mot Juda**

**13** I det fjortande året Hiskia var konge, drog assyrarkongen Sanherib opp mot alle festningsbyane i Juda og tok dei.

**14** Då sende Juda-kongen Hiskia bod til assyrarkongen i Lakisj og sa: «Eg har gjort gale. Dra bort frå meg! Det du legg på meg, skal eg bera.» Assyarkongen kravde tre hundre talentar sølv og tretti talentar gull av Juda-kongen Hiskia.

**15** Og Hiskia gav han alt sølvet som fanst i Herrens hus og i skattkammera i kongeborga.

**16** På same tid braut kong Hiskia gullet av dørene i Herrenstempel og av dørkarmane som kongen sjølv hadde kledd med gull, og gav det til assyrarkongen.

**17** Men assyrarkongen sende hærføraren, hoffsjefen og kommandanten med ein stor hær frå Lakisj mot kong Hiskia i Jerusalem. Dei rykte fram, og då dei kom til Jerusalem, stilte dei seg opp ved vassleidningen frå Øvredammen, ved vegen til vaskeplassen.

**18** Der byrja dei å ropa på kongen. Då gjekk borgherren Eljakim, son til Hilkia, ut til dei saman med riksskrivaren Sjebna og kanslaren Joah, son til Asaf.

**19** Kommandanten ropa til dei: Sei til Hiskia: Så seier storkongen, kongen av Assur: Kva er det du lit på, sidan du kjenner deg så trygg?

**20** Meiner du at tomme ord åleine er råd og styrke i krig? Kven er det du set di lit til, sidan du har gjort opprør mot meg?

**21** Du set di lit til Egypt, den brotne røyrstaven! Om nokon støttar seg på den, trengjer han inn i handa hans og gjennomborar henne. Slik er farao, kongen i Egypt, mot alle som lit på han.

**22** Men om du svarar meg: «Det er Herren vår Gud vi set vår lit til», då spør eg deg: Var det ikkje hans offerhaugar og altar Hiskia tok bort då han sa til folket i Juda og Jerusalem: «Berre framfor dette altaret i Jerusalem skal de bøya dykk og tilbe»?



<sup>23</sup>Gjer no eit veddemål med herren min, kongen av Assur: Eg gjev deg to tusen hestar om du kan finna ryttarar til dei!

<sup>24</sup>Korleis kan du då driva tilbake ein einaste statthaldar, ein av dei ringaste tenarane til herren min, du som set di lit til vogner og ryttarar frå Egypt?

<sup>25</sup>Trur du at eg har drege opp mot denne staden for å øydeleggja han mot Herrens vilje? Herren sjølv sa til meg: Dra opp mot dette landet og øydelegg det!

<sup>26</sup>Då sa Eljakim, son til Hilkia, Sjebna og Joah til kommandanten: «Snakk til tenarane dine på arameisk, for vi skjønar det. Snakk ikkje judeisk til oss så folket på muren høyrer det!»

<sup>27</sup>Men kommandanten svara: «Trur du herren min har sendt meg for å seia dette berre til herren din og til deg? Nei, det er like mykje til mennene som sit på muren, dei som snart må eta sin eigen skit og drikk sitt eige piss, liksom de.»

<sup>28</sup>Og kommandanten vart ståande og ropa med høg røyst på judeisk: Høyr kva storkongen, kongen av Assur, seier!

<sup>29</sup>Så seier kongen: Lat ikkje Hiskia lura dykk! For han er ikkje i stand til å berga dykk ut av mi hand.

<sup>30</sup>Lat ikkje Hiskia få dykk til å lita på Herren når han seier: «Herren vil nok berga oss. Denne byen skal ikkje gjevast i hendene på assyrarkongen.»

<sup>31</sup>Høyr ikkje på Hiskia! For så seier kongen av Assur: Slutt fred med meg og gjev dykk over til meg! Så skal de få eta, kvar av sin vinstokk og sitt fikentre, og drikk vatn, kvar av sin brønn,

<sup>32</sup>til dess eg kjem og tek dykk med til eit land som liknar dykkar eige, eit land med korn og ny vin, eit land med brød og vingardar, eit land med olivenolje og honning. Då skal de leva og ikkje døy. Høyr ikkje på Hiskia når han villeier dykk og seier: «Herren vil berga oss.»

<sup>33</sup> Har kanskje gudane til andre folk berga sine land frå handa til assyrarkongen?

<sup>34</sup> Kvar er gudane til Hamat og Arpad? Kvar er gudane til Sefarvajim, Hena og Ivva? Og kvar er Samarias gudar? Har dei berga landet ut av mi hand?

<sup>35</sup> Kven er det av gudane i alle desse landa som har berga landet sitt ut av mi hand? Og så skulle Herrenkunna berga Jerusalem!

<sup>36</sup> Folket tagde og svara ikkje eit ord. For det var ordre frå kongen at dei ikkje skulle svara han.

<sup>37</sup> Så kom borgherren Eljakim, son til Hilkia, riksskrivaren Sjubna og kanslaren Joah, son til Asaf, med sundrivne klede til Hiskia og melde kva kommandanten hadde sagt.

## 2. Kongebok 19

### Herren bergar Jerusalem

<sup>1</sup> Då kong Hiskia hørde det, reiv han sund kleda sine, kledde seg i sekkestrie og gjekk inn i Herrens hus.

<sup>2</sup> Så sende han borgherren Eljakim, riksskrivaren Sjubna og dei eldste av prestane, kledde i sekkestrie, til profeten Jesaja, son til Amos.

<sup>3</sup> Dei sa til han: «Så seier Hiskia: Dette er ein dag med trengsle, straff og vanære; for borna er komne til livmormunnen, men det finst ikkje kraft til å føda.

<sup>4</sup> Kanskje Herren din Gud har høyrte alle dei orda kommandanten har sagt, han som er send av herren sin, assyrarkongen, for å håna den levande Gud. Kanskje Herrendin Gud vil straffa han for dei orda han har høyrte. Så send då opp ei bøn for den resten som enno er att!»

<sup>5</sup> Då mennene til kong Hiskia kom til Jesaja,

<sup>6</sup> sa han til dei: «Sei til herren dykkar: Så seier Herren: Ver ikkje redd for dei orda du har høyrte, dei hånorda som mennene til assyrarkongen har tala mot meg.

<sup>7</sup>No skal eg gje han ein tanke. Han skal høyra eit rykte og venda attende til sitt eige land, og der vil eg la han falla for sverd.»

<sup>8</sup>Då kommandanten fekk høyra at assyrarkongen hadde brote opp frå Lakisj, drog han bort og fann kongen i kamp mot Libna.

<sup>9</sup>Kongen fekk no meldinga om at Tirhaka, kongen i Kusj, hadde teke ut for å kjempa mot han. Då sende han igjen bod til Hiskia og sa:

<sup>10</sup>«Så skal de seia til Juda-kongen Hiskia: Lat deg ikkje lura av din Gud som du stolar på, når han seier: Jerusalem skal ikkje falla i hendene på assyrarkongen.

<sup>11</sup>Du har sjølv høyrte kva assyrarkongane har gjort med alle landa dei har slege med bann og øydelagt. Og du skulle bli berga?

<sup>12</sup>Har dei vorte berga av gudane sine, dei folka som fedrane mine gjorde ende på: folka i Gosan, Harran og Resef eller innbyggjarane frå Eden i Telassar?

<sup>13</sup>Kvar er no kongane i Hamat og Arpad, kongen i byen Sefarvajim og kongane i Hena og Ivva?»

<sup>14</sup>Då Hiskia hadde teke imot og lese brevet som sendemennene hadde med seg, gjekk han opp til Herrens hus og breidde det ut for Herrensandlet.

<sup>15</sup>Hiskia bad til Herren og sa: «Herre, Israels Gud, du som tronar over kjerubane. Du åleine er Gud over alle kongerike på jorda, du som skapte himmelen og jorda.

<sup>16</sup>Herre, vend øyret til og høyr! Herre, lat opp auga og sjå! Høyr dei orda som Sanherib har sendt for å håna den levande Gud.

<sup>17</sup>Herre, det er sant at kongane av Assur har lagt både land og folkeslag øyde

<sup>18</sup>og kasta gudane deira på elden. Men dei er ikkje gudar, berre verk av menneskehender, laga av tre og stein. Dei har dei øydelagt.

<sup>19</sup>Men du, Herre, vår Gud, frels oss no frå handa hans, så alle kongerike på jorda kan skjønna at du, Herre, berre du er Gud.»

- <sup>20</sup> Då sende Jesaja, son til Amos, dette bodet til Hiskia: Så seier Herren, Israels Gud: Eg har høyrte den bønna du bad til meg om Sanherib, kongen av Assur.
- <sup>21</sup> Dette er det ordet Herren talar mot han: Jomfrua håner deg, dotter Sion spottar deg, dotter Jerusalem rister på hovudet.
- <sup>22</sup> Kven er det du krenkjer og vanærar? Kven ropar du opp imot? Høgt lyfter du auga mot Israels Heilage.
- <sup>23</sup> Du lét dine sendemenn spotta Herren og sa: «Med mine mange vogner drog eg opp til dei høgaste fjella, til Libanons fjernaste trakter. Der hogg eg ned høgvalsne sedertre og dei finaste sypressar. Eg nådde den fjernaste kvilestad der skogen stod tjukkast.
- <sup>24</sup> Eg grov og drakk av framandt vatn. Med fotsolane tørka eg ut alle elvane i Egypt.»
- <sup>25</sup> Har du ikkje høyrte det? Eg gjorde det for lenge sidan, eg forma det i eldgammal tid, og no lét eg det skje. Så kunne du øydeleggja festningsbyar og gjera dei til ruinhaugar.
- <sup>26</sup> Dei som budde der, stod med kraftlause hender, fylte av skrekk og skam. Dei vart som graset på marka, grønne vekstar og graset på tak, som svid av før det veks til.
- <sup>27</sup> Om du sit, kjem eller går, veit eg det – og om du rasar mot meg.
- <sup>28</sup> Men fordi du rasar mot meg og ditt overmot har nådd øyra mine, set eg ring i nasen din og legg beksel i munnen. Så fører eg deg tilbake den vegen du kom.
- <sup>29</sup> Dette skal du ha til teikn: Første året skal de eta korn som veks av seg sjølv, andre året kornet som veks av det att, men tredje året skal de så og hausta, planta vinmarker og eta frukta!
- <sup>30</sup> Den rest av Judas hus som blir berga, skyt på nytt djupe røter, greinene ber frukt.

<sup>31</sup> For frå Jerusalem kjem ein rest, frå Sion-fjellet ein flokk som er berga. Herren skal gjera dette i sin brennande iver.

<sup>32</sup> Difor seier Herren om assyrarkongen: Han skal ikkje koma inn i denne byen og ikkje skyta ei pil dit inn. Han skal ikkje gå imot han med skjold og ikkje reisa opp ein voll imot han.

<sup>33</sup> Den vegen han kom, skal han venda attende; i denne byen skal han ikkje koma inn, seier Herren.

<sup>34</sup> Eg vil verna denne byen og berga han for mi eiga skuld og for min tenar Davids skuld.

<sup>35</sup> Den natta gjekk Herrens engel ut og slo i hel eitt hundre og åttifem tusen mann i assyrlauren. Då folk stod opp om morgonen, fekk dei sjå alle dei døde kroppane som låg der.

<sup>36</sup> Då braut assyrarkongen Sanherib opp og drog heim att. Og sidan heldt han seg i ro i Ninive.

<sup>37</sup> Ein gong medan han bøygde seg og bad i tempelet til Nisrok, guden sin, hogg sønene hans, Adrammelek og Sareser, han ned med sverd. Dei flykta til Ararat-landet. Og Asar-Haddon, son til Sanherib, vart konge etter han.

## 2. Kongebok 20

### Sjukdomen til kong Hiskia

<sup>1</sup> På den tida vart kong Hiskia så sjuk at det stod om livet. Då kom profeten Jesaja, son til Amos, til han og sa: «Så seier Herren: Få orden på ditt hus, for du skal døy og ikkje leva lenger.»

<sup>2</sup> Då vende Hiskia andletet mot veggen og bad til Herren.

<sup>3</sup> «Å, Herre», sa han, «hugs at eg har vandra i sanning og med heilt hjarte for ditt andlet og gjort det som er godt i dine auge.» Og Hiskia gret høgt.

<sup>4</sup> Jesaja var endå ikkje komen ut av den midtre borggarden før Herrens ord kom til han igjen:

<sup>5</sup> «Gå tilbake og sei til Hiskia, fyrsten over folket mitt: Så seier Herren, Gud åt David, stamfar din: Eg har høyrte di bøn og sett tårene dine. No gjer eg deg frisk att. Om to dagar kan du gå opp til Herrens hus.

<sup>6</sup> Eg legg endå femten år til levedagane dine. Eg skal berga deg og denne byen frå handa til assyrarkongen. Og eg vil verna denne byen for mi eiga skuld og for min tenar Davids skuld.»

<sup>7</sup> Så sa Jesaja: «Hent ei fikenkake!» Dei gjorde det, og då dei la fikenkaka på det verkjande såret, friskna kongen til.

<sup>8</sup> Hiskia spurde Jesaja: «Kva skal eg ha til teikn på at Herren vil gjera meg frisk att, så eg om to dagar kan gå opp til Herrens hus?»

<sup>9</sup> Jesaja svara: «Dette skal du ha til teikn frå Herren på at han vil halda det han har lova: Skal skuggen på soluret gå ti strekar fram eller ti strekar tilbake?»

<sup>10</sup> Hiskia sa: «Det er lett for skuggen å strekkja seg ti strekar fram. Nei, skuggen skal gå ti strekar tilbake!»

<sup>11</sup> Då ropa profeten Jesaja til Herren, og han lét skuggen på soluret til Ahas gå ti strekar tilbake, like langt som han før hadde gått fram.

### **Sendeboda frå kongen av Babel**

<sup>12</sup> På den tid sende Babel-kongen Merodak Baladan, son til Baladan, brev og gåver til Hiskia. For han hadde høyrte at han hadde vore sjuk.

<sup>13</sup> Hiskia vart glad då sendeboda kom. Han viste dei heile huset der han hadde skattane sine, sølvet og gullet, parfymen og den finaste oljen, våpenhuset og alt som fanst i skattkammera hans. Det var ikkje den ting i heile hans slott og rike som Hiskia ikkje viste dei.

<sup>14</sup> Då kom profeten Jesaja til kong Hiskia og spurde han: «Kva sa desse mennene, og kvar kom dei frå?» «Dei kom frå eit land langt borte», svara Hiskia, «frå Babel.»

<sup>15</sup>«Kva fekk dei sjå i slottet ditt?» spurde profeten. Hiskia svara: «Alt det som finst i slottet mitt, fekk dei sjå. Det var ikkje den ting i skattkammera mine som eg ikkje viste dei.»

<sup>16</sup>Då sa Jesaja til Hiskia: «Høyr Herrens ord!

<sup>17</sup> Sjå, dagar skal koma då alt som er i slottet ditt, det som fedrane dine har samla til denne dag, skal først bort til Babel. Ingen ting skal bli att, seier Herren.

<sup>18</sup> Dei skal ta nokre av sønene dine, av dei som stammar frå deg, og som du er opphav til, og gjera dei til hoffmenn i slottet til kongen av Babel.»

<sup>19</sup>Då sa Hiskia til Jesaja: «Godt er det ordet frå Herren som du har tala.» Han sa til seg sjølv: «Freden er nok trygg så lenge eg lever.»

<sup>20</sup> Det som elles er å seia om Hiskia og alle dei storverk han gjorde, korleis han laga dammen og tunnelen og leidde vatnet inn i byen, står skrive i krønikeboka til Juda-kongane.

<sup>21</sup>Hiskia gjekk til kvile hos fedrane sine, og son hans, Manasse, vart konge etter han.

## 2. Kongebok 21

### Juda-kongane Manasse og Amon

<sup>1</sup> Manasse var tolv år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i femtifem år. Mor hans heitte Hefsiba.

<sup>2</sup> Manasse gjorde det som vondt var i Herrens auge, og tok etter alle avskyelege skikkar hos dei folkeslaga Herren hadde drive bort for israelittane.

<sup>3</sup> Han bygde opp att offerhaugane som far hans, Hiskia, hadde øydelagt. Han reiste altaret for Baal og laga ein Asjera-påle, slik Ahab, kongen i Israel, hadde gjort. Og han tilbad og dyrka heile himmelhæren.

<sup>4</sup> Sjølv i Herrens hus bygde han slike altar, endå Herren hadde sagt: «I Jerusalem vil eg la namnet mitt bu.»

<sup>5</sup> I begge føregardane til tempelet bygde han altar for heile himmelhæren.

<sup>6</sup> Manasse lét son sin gå gjennom elden. Han dreiv med teikntyding og spådomskunster og fekk seg åndemanarar og spåmenn. Han gjorde mykje som var vondt i Herrens auge, og gjorde han rasande.

<sup>7</sup> Asjera-skulpturen som Manasse fekk laga, sette han i tempelet, sjølv om Herren hadde sagt til David og Salomo, son hans: «I dette tempelet og i Jerusalem, som eg har valt ut mellom alle Israel-stammene, vil eg la namnet mitt bu til evig tid.

<sup>8</sup> Og eg vil aldri meir la Israel vandra heimlaus, langt bort frå landet eg gav fedrane deira, så sant dei legg vinn på å gjera alt det eg har sagt dei, og lever etter den lova som Moses, tenaren min, gav dei.»

<sup>9</sup> Men dei ville ikkje høyra, og Manasse førte dei vill, så dei gjorde endå meir vondt enn dei folkeslaga som Herren hadde rydda ut for israelittane.

<sup>10</sup> Då tala Herren gjennom tenarane sine, profetane, og sa:

<sup>11</sup> Fordi Juda-kongen Manasse har gjort desse stygge gjerningane, har han i eitt og alt handla verre enn amorittane før han. Med si avgudsdyrking har han òg leidd judearane til synd.

<sup>12</sup> Difor seier Herren, Israels Gud: No fører eg ulukke over Jerusalem og Juda så det skal ringja for øyra på kvar den som høyrer om det.

<sup>13</sup> Eg vil spenn ut same målesnora over Jerusalem som over Samaria og bruka same vektloppet som mot Ahabs hus. Eg vil tørka Jerusalem bort som når ein tørkar av eit fat og snur det opp ned.

<sup>14</sup> Eg forkastar den siste rest av folket mitt. Eg gjev dei over i hendene på fiendane deira, så dei alle kan røva og plyndra dei.

<sup>15</sup> Slik skal det gå fordi dei har gjort det som vondt er i mine auge. Dei har gjort meg rasande frå den dagen fedrane deira gjekk ut av Egypt, og til denne dag.



<sup>16</sup> Manasse lét så mange uskuldige døy at han fylte Jerusalem med blod frå ende til annan. Han fekk òg judearane med på si synd, og dei gjorde det som vondt var i Herrens auge.

<sup>17</sup> Det som elles er å seia om Manasse og alt han utretta og den synda han gjorde, står skrive i krønikeboka til Juda-kongane.

<sup>18</sup> Manasse gjekk til kvile hos fedrane sine. Han vart gravlagd i Ussa-hagen, som låg like ved slottet hans, og Amon, son hans, vart konge etter han.

<sup>19</sup> Amon var tjueto år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i to år. Mor hans heitte Mesjullemet og var dotter til Harus frå Jotba.

<sup>20</sup> Amon gjorde det som vondt var i Herrens auge, slik Manasse, far hans, hadde gjort.

<sup>21</sup> Han følgde i eitt og alt den same vegen som far sin. Han dyrka dei same avgudane som faren og bøygde seg og tilbad dei.

<sup>22</sup> Han forlét Herren, sine fedrars Gud, og vandra ikkje på Herrens veg.

<sup>23</sup> Mennene til Amon svor seg saman mot han, og dei drap kongen i hans eige hus.

<sup>24</sup> Men folket i landet slo i hel alle som hadde svore seg saman mot kong Amon, og så tok dei Josjia, son hans, til konge etter han.

<sup>25</sup> Det som elles er å seia om Amon og det han utretta, står skrive i krønikeboka til Juda-kongane.

<sup>26</sup> Amon vart lagd i grava si i Ussa-hagen, og Josjia, son hans, vart konge etter han.

## **2. Kongebok 22**

### **Kong Josjia og bokrullen**

<sup>1</sup> Josjia var åtte år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i trettiein år. Mor hans heitte Jedida og var dotter til Adaja frå Boskat.

<sup>2</sup>Josjia gjorde det som rett var i Herrens auge. Han følgde i eitt og alt den same vegen som David, stamfar hans, og bøygde ikkje av, korkje til høgre eller venstre.

<sup>3</sup>I det attande styringsåret sende kong Josjia riksskrivaren Sjafan, son til Asalja, son til Mesjullam, til Herrens hus. Han sa:

<sup>4</sup>«Gå til øvstepresten Hilkia og bed han telja opp dei pengane som er komme inn til Herrens hus, dei som dørvaktarane har samla inn hos folket.

<sup>5</sup>Han skal gje pengane til arbeidsleiarane som har tilsyn med Herrens hus. Og dei skal gje dei vidare til handverkarane som arbeider i Herrens hus og reparerer skadane der,

<sup>6</sup>og til tømrrarane, bygningsmennene og murarane. Pengane skal òg brukast til å kjøpa inn tømmer og hoggen stein, så tempelet kan setjast i stand.

<sup>7</sup>Men ingen skal føra kontroll med dei pengane som er tiltrudde dei; for dei fer ærleg fram.»

<sup>8</sup>Då sa øvstepresten Hilkia til riksskrivaren Sjafan: «Eg har funne ein bokrull med lova i Herrens hus.» Hilkia gav bokrullen til Sjafan, som las han.

<sup>9</sup>Riksskrivaren Sjafan gjekk tilbake til kongen og melde: «Tenarane dine har tømt ut dei pengane som fanst i tempelet, og gjeve dei til arbeidsleiarane som har tilsyn med Herrens hus.»

<sup>10</sup>Så fortalde han kongen at presten Hilkia hadde gjeve han ein bokrull. Og han las opp frå han for kongen.

<sup>11</sup>Då Josjia hørde det som stod i bokrullen, reiv han sund kleda sine.

<sup>12</sup>Så gav han dette bodet til presten Hilkia og til Ahikam, son til Sjafan, Akbor, son til Mika, riksskrivaren Sjafan og kongsmannen Asaja:

<sup>13</sup>«Gå og søk råd hos Herren for meg og for folket og heile Juda om det som står i denne bokrullen som er funnen. For stor er Herrens harme som har flamma opp mot oss fordi fedrane våre ikkje hørde på det som står i denne bokrullen, og ikkje gjorde alt det som er oss føreskrive.»

<sup>14</sup> Då gjekk presten Hilkia saman med Ahikam, Akbor, Sjafan og Asaja til profetkvinna Hulda, som var gift med Sjallum, son til Tikva, son til Harhas, han som hadde tilsyn med kleskammeret. Hulda budde i den nye bydelen i Jerusalem. Dei la saka fram for henne,

<sup>15</sup>og ho sa til dei: Så seier Herren, Israels Gud: Sei til den mannen som har sendt dykk til meg:

<sup>16</sup>Så seier Herren: Sjå, eg fører ulukke over denne staden og dei som bur der, alt det som er nemnt i den bokrullen Juda-kongen har lese.

<sup>17</sup>For dei har gått ifrå meg og tent offereld for andre gudar. Slik har dei gjort meg rasande med framferda si. Harmen flammar mot denne staden, og han skal ikkje slokna.

<sup>18</sup>Men til Juda-kongen som sende dykk for å søkja råd hos Herren, skal de seia: Så seier Herren, Israels Gud: Du har no høyrte desse orda.

<sup>19</sup>Dei rørte ved hjartet ditt, og du audmjuka deg for Herrensandlet då du høyrde det eg tala mot denne staden og mot dei som bur der: at dei skal bli til skrekk og forbanning. Fordi du reiv sund kleda dine og gret for mitt andlet, har eg òg høyrte, seier Herren.

<sup>20</sup> Difor vil eg la deg koma til fedrane dine. I fred skal du sameinast med dei i grava. Auga dine skal sleppa å sjå all den ulukka eg fører over denne staden. Med dette svaret kom dei heim att til kongen.

## 2. Kongebok 23

### Kong Josjia reformerer gudsdyrkinga

<sup>1</sup> Då sende kongen bod etter alle dei eldste i Juda og Jerusalem, og dei samla seg hos han.

<sup>2</sup> Sidan gjekk han opp til Herrens hus, og alle judearane og alle som budde i Jerusalem – prestane og profetane, heile folket, både små og store – følgde han. Han las opp for dei alt det som stod skrive i paktboka som var funnen i Herrens hus.

<sup>3</sup> Kongen stilte seg opp ved søyla og gjorde ei pakt for Herrens andlet: Folket skulle følgja Herren og halda hans bod, reglar og forskrifter av heile sitt hjarte og heile si sjel. Alle dei paktorda som var skrivne i denne bokrullen, skulle dei halda. Og heile folket gjekk med i pakta.

<sup>4</sup> Kongen gav påbod til øvstepresten Hilkia, prestane under han og dørvaktarane om å fjerna frå Herrens tempel alt det utstyret som var laga for Baal og Asjera og heile himmelhæren. Han brende det utanfor Jerusalem, på avsatsane i Kedron-dalen, og oska tok han med til Betel.

<sup>5</sup> Josjia avsette dei avgudsprestane som Juda-kongane hadde sett inn, dei som tende offereld på haugane i Juda-byane og rundt ikring Jerusalem, og dei som tende offereld for Baal, for sola og månen, for stjernebileta og heile himmelhæren.

<sup>6</sup> Asjera-pålen tok han frå Herrens hus og førte han ut frå Jerusalem, til Kedron-dalen. Der brende han pålen til oske, og oska strødde han på gravplassen til folket.

<sup>7</sup> Han reiv ned kammera til dei tempelprostituerte mennene som heldt til i Herrens hus, og staden der kvinnene vov klede til Asjera.

<sup>8</sup> Så flytte Josjia alle prestane inn frå byane i Juda. Og offerhaugane der prestane tende offereld, gjorde han ureine, frå Geba til Beer-Sjeba. Han reiv òg heilagstadene ved byporten, som låg ved porten til bykommandanten Josva, til venstre når ein går inn gjennom byporten.

<sup>9</sup> Dei som hadde vore prestar på offerhaugane, fekk ikkje bera fram offer på Herrens altar i Jerusalem. Men dei fekk eta usyra brød saman med brørne sine.

<sup>10</sup> Også Tofet i Hinnom-dalen gjorde Josjia ureint. Ingen skulle la son sin eller dotter si gå gjennom elden for Molok.

<sup>11</sup> Han fekk bort dei hestane som Juda-kongane hadde vigsla til sola; dei stod ved inngangen til Herrens hus, ved kammeret til hoffmannen Natan-Melek i føregarden. Solvognene òg brende han opp.

<sup>12</sup> Kongen reiv ned altara på taket, takheilagdomen til Ahas, som Judakongane hadde reist, og dei altara som Manasse hadde bygd i begge føregardane til Herrens hus. Han slo dei sund og kasta støvet ut i Kedron-dalen.

<sup>13</sup> Også offerhaugane som vende mot Jerusalem, på sørsida av Øydeleggingsberget, gjorde kongen ureine. Det var Salomo, Israels konge, som hadde bygd dei for Astarte, den motbydelege gudinna til folket i Sidon, for Kemosj, den motbydelege guden til Moab, og for Milkom, den avskyelege guden til ammonittane.

<sup>14</sup> Josjia slo sund steinstøttene og hogg ned Asjera-pålane. Staden der dei hadde stått, fylte han med menneskeknoklar.

<sup>15</sup> I Betel reiv han ned altaret og offerhaugen som Jeroboam, son til Nebat, hadde bygd, han som fekk Israel til å synda. Både altaret og haugen vart jamna med jorda. Så knuste han steinane til støv og brende Asjera-pålen.

<sup>16</sup> Då Josjia snudde seg, fekk han auge på gravene som var der i fjellet. Han sende folk av stad for å ta knoklane ut av gravene. Han brende dei på altaret, og slik gjorde han altaret ureint. Såleis vart det oppfylt, det ordet frå Herren som gudsmannen ropa ut då han kunngjorde at dette skulle henda.

<sup>17</sup> Så spurde kongen: «Kva er det for ein gravstein eg ser der borte?» Mennene i byen svara: «Det er grava til den gudsmannen som kom frå Juda og varsla det som du no har gjort med altaret her i Betel.»

<sup>18</sup> Då sa kongen: «Lat han kvila i fred! Ingen må flytta knoklane hans.» Dei lèt knoklane hans liggja urørte, og like eins knoklane til profeten som var komen frå Samaria.

<sup>19</sup> I byane i Samaria fjerna Josjia alle heilagdomane på offerhaugane, dei som kongane i Israel hadde bygd og slik gjort Herren rasande. Han gjorde med dei i eitt og alt slik han hadde gjort i Betel.

<sup>20</sup> På altara slakta han alle prestane som var på offerhaugane der, og han brende menneskeknoklar. Så vende han heim att til Jerusalem.

<sup>21</sup> Kongen gav heile folket dette bodet: «Hald påske for Herrendykkar Gud slik det står skrive i denne paktboka.»

<sup>22</sup> For ei slik påskehelg hadde ikkje vorte halden sidan den tid då dommarane styrte i Israel, ikkje så lenge det hadde vore kongar i Israel og Juda.

<sup>23</sup> Det var først i det attande styringsåret til Josjia at dei heldt denne påskehelga for Herren i Jerusalem.

<sup>24</sup> Josjia utrydda åndemantarane og spåmennene, terafane og avgudane og alle ufyselege gudebilete som var å sjå i Juda og Jerusalem. Slik ville han halda lovboda som stod skrivne i den bokrullen presten Hilkia hadde funne i Herrens hus.

<sup>25</sup> Det hadde aldri før vore nokon konge som Josjia. Ingen hadde på den måten vendt om til Herren av heile sitt hjarte og heile si sjel og av all si makt, heilt som Moselova krev. Og heller ikkje seinare stod det fram nokon konge som han.

<sup>26</sup> Likevel trekte ikkje Herren attende sin veldige og glødande vreide som hadde flamma opp mot Juda fordi Manasse gjorde Gud rasande gong på gong.

<sup>27</sup> Herren sa: «Juda vil eg òg driva bort frå mitt andlet, slik eg dreiv Israel bort. Eg vil vraka Jerusalem, denne byen eg valde ut, og det tempelet der eg har sagt at namnet mitt skal bu.»

<sup>28</sup> Det som elles er å seia om Josjia og alt det han gjorde, står skrive i krønikeboka til Juda-kongane.

<sup>29</sup> I Josjias dagar drog farao Neko, kongen i Egypt, opp mot assyrarkongen og rykte fram til elva Euftrat. Kong Josjia drog ut imot han, men farao Neko drap han ved Megiddo med det same han fekk sjå han.

<sup>30</sup> Mennene til Josjia køyrde den døde kongen bort frå Megiddo. Dei førte han til Jerusalem og gravla han der. Folket i landet tok Joahas, son til Josjia, salva han og gjorde han til konge etter faren.

### **Kongane Joahas og Jojakim**

<sup>31</sup> Joahas var tjuetre år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i tre månader. Mor hans heitte Hamutal og var dotter til Jeremia frå Libna.

<sup>32</sup> Joahas gjorde det som vondt var i Herrens auge, heilt og fullt slik fedrane hans hadde gjort.

<sup>33</sup> Faraο Neko tok han til fange i Ribla i Hamat-landet så han ikkje kunne styra i Jerusalem lenger. Og av landet kravde han ei bot på hundre talentar sølv og ein talent gull.

<sup>34</sup> Så sette faraο Neko Eljakim, son til Josjia, til konge etter faren og endra namnet hans til Jojakim. Joahas tok han med seg til Egypt, og der døydde han.

<sup>35</sup> Jojakim betalte sølvet og gullet til faraο. Men han laut leggja ein skatt på landet for å betala den summen faraο kravde. Han dreiv inn sølvet og gullet hos folket i landet etter som kvar var ilikna, og gav det til faraο Neko.

<sup>36</sup> Jojakim var tjuéfem år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i elleve år. Mor hans heitte Sebuda og var dotter til Pedaja frå Ruma.

<sup>37</sup> Jojakim gjorde det som vondt var i Herrens auge, i eitt og alt slik fedrane hans hadde gjort.

## 2. Kongebok 24

<sup>1</sup> I Jojakims dagar drog kong Nebukadnesar av Babel i krig, og Jojakim måtte gje seg under han i tre år. Men så gjorde Jojakim opprør mot han.

<sup>2</sup> Då sende Herren røvarflokkar imot han, kaldearar, aramearar, moabittar og ammonittar. Han sende dei mot Juda for å gjera ende på folket. For så lydde ordet Herren hadde tala gjennom tenarane sine, profetane.

<sup>3</sup> Det som hende med Juda, var heilt etter Herrens ord. Slik ville han støyta dei bort frå sitt andlet på grunn av alle dei syndene Manasse hadde gjort.

<sup>4</sup> Han lét så mykje uskuldig blod renna at heile Jerusalem vart fylt med blod. Og det ville Herren ikkje tilgje.

<sup>5</sup>Det som elles er å seia om Jojakim og alt det han gjorde, står skrive i krønikeboka til Juda-kongane.

<sup>6</sup>Jojakim gjekk til kvile hos fedrane sine, og son hans, Jojakin, vart konge etter han.

<sup>7</sup>Kongen i Egypt drog no ikkje ut frå landet sitt meir, for kongen av Babel hadde teke alt land som hørde han til, frå Egyptarbekken til elva Euftrat.

### **Nebukadnesar tek Jerusalem**

<sup>8</sup>Jojakin var atten år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i tre månader. Mor hans heitte Nehusjta og var dotter til Elnatan frå Jerusalem.

<sup>9</sup>Jojakin gjorde det som vondt var i Herrens auge, i eitt og alt slik far hans hadde gjort.

<sup>10</sup>På den tid drog mennene til kong Nebukadnesar av Babel opp mot Jerusalem, og byen vart kringsett.

<sup>11</sup>Nebukadnesar kom sjølv til byen medan mennene hans heldt han kringsett.

<sup>12</sup>Då gav Juda-kongen Jojakin seg over til kongen av Babel saman med mor si og tenarane sine, stormenn og hoffmenn. Og kongen av Babel tok han til fange i det åttande styringsåret sitt.

<sup>13</sup>Nebukadnesar førte bort alle skattane i Herrens hus og i kongeborga og braut gullet av alt det utstyret som Israels konge Salomo hadde fått laga til Herrens tempel. Det gjekk som Herren hadde sagt.

<sup>14</sup>Han førte bort alt folket i Jerusalem, alle stormennene og rikmennene, ti tusen fangar i alt, og alle handverkarane og smedane. Berre dei fattigaste i landet vart att.

<sup>15</sup>Jojakin førte han i eksil til Babel. Mor til kongen og konene hans, hoffmennene og dei mektigaste mennene i landet vart òg bortførte frå Jerusalem til Babel.

<sup>16</sup>Rikmennene, sju tusen i talet, handverkarane og smedane, eitt tusen i talet, som alle var øvde krigarar, vart førte i eksil til Babel av kongen der.



<sup>17</sup> Kongen av Babel gjorde Mattanja, onkel til Jojakim, til konge etter han og endra namnet hans til Sidkia.

<sup>18</sup> Sidkia var tjueein år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i elleve år. Mor hans heitte Hamutal og var dotter til Jeremia frå Libna.

<sup>19</sup> Sidkia gjorde det som vondt var i Herrens auge, i eitt og alt som Jojakim hadde gjort.

<sup>20</sup> Fordi Herren var vreid på Jerusalem og Juda, gjekk det som det gjorde, og til sist kasta han dei bort frå sitt andlet.

### **Juda-riket går under**

Sidkia gjorde opprør mot kongen av Babel.

## **2. Kongebok 25**

<sup>1</sup> Då drog Nebukadnesar med heile sin hær mot Jerusalem. Det var i det niande styringsåret til Sidkia, den tiande dagen i den tiande månaden. Dei slo leir utfor byen og bygde ein voll rundt han.

<sup>2</sup> Og byen var kringsett til kong Sidkias ellevte styringsår.

<sup>3</sup> Den niande dagen i den fjerde månaden, då hungersnauda var som verst og folket ikkje hadde meir mat,

<sup>4</sup> braut fienden gjennom bymuren. Om natta flykta alle krigarane gjennom porten mellom dei to murane, ved kongens hage, endå kaldearane hadde kringsett byen. Og dei tok vegen mot Araba-sletta.

<sup>5</sup> Men kaldearhæren sette etter kongen og nådde han att på slettene ved Jeriko. Då hadde heile hæren flykta frå han og var spreidd.

<sup>6</sup> Kongen vart gripen og ført opp til Ribla, til kongen av Babel, som felte dommen over han.

<sup>7</sup> Han drap sønene til Sidkia medan han såg på. Så stakk han ut auga på Sidkia, batt han med bronselenkjer og førte han til Babel.

<sup>8</sup>Den sjuande dagen i den femte månaden – det var i det nittande styringsåret til Nebukadnesar – kom ein av Babel-kongens menn til Jerusalem. Han heitte Nebusaradan og var sjef for livvakta.

<sup>9</sup>Nebusaradan sette Herrens hus og kongeborga i brann. Alle husa og palassa i Jerusalem brende han opp.

<sup>10</sup>Og heile kaldearhæren som stod under kommandoen hans, reiv murane rundt Jerusalem.

<sup>11</sup>Så førte Nebusaradan bort dei som var att i byen, og dei som hadde falle frå og gått over til Babel-kongen, og resten av folket.

<sup>12</sup>Berre ein del av dei fattigaste i landet lét han vera att; dei skulle arbeida på vinmarkene og på åkrane.

<sup>13</sup> Kaldearane slo sund bronsesøylene i Herrens hus, vognstativa og bronsehavet som stod der. All bronzen førte dei til Babel.

<sup>14</sup>Dei tok oskefata og eldskuffene, lysesaksene og røykjelsesskålene og alt utstyr av bronse som hadde vore i bruk i gudstenesta.

<sup>15</sup>Sjefen for livvakta tok òg med seg glopannene og offerskålene, alt som var av gull og sølv.

<sup>16</sup>Dei to søylene, det eine havet og vognstativa som Salomo hadde laga til Herrenshus – alle desse tinga inneheldt så mykje bronse at dei ikkje kunne vegast.

<sup>17</sup> Begge søylene var atten alner høge og hadde eit søylehovud av bronse som var tre alner høgt. Rundt om på søylehovudet var det slyngornament av granateple, alt saman av bronse.

<sup>18</sup>Overhovudet over livvakta tok med seg øvstepresten Seraja, presten under han, Sefanja, og dei tre dørvaktarane.

<sup>19</sup>Frå byen tok han med seg ein hoffmann som hadde tilsyn med krigarane, fem av kongens fremste tenestemenn som endå var i byen, dessutan skrivaren

til hærføraren, han som skreiv ut folk i landet til krigsteneste, og seksti mann av folket som elles fanst i byen.

<sup>20</sup>Alle desse tok Nebusaradan, sjefen for livvakta, med seg. Han førte dei til Babel-kongen i Ribla.

<sup>21</sup>Og han slo dei i hel der, i Ribla i Hamat-landet. Slik vart folket i Juda ført bort frå landet sitt.

### **Gedalja styrer i Juda**

<sup>22</sup>Kong Nebukadnesar av Babel sette Gedalja, son til Ahikam, son til Sjafan, til å styra over den delen av folket som var att i Juda, dei som kongen hadde late vera att.

<sup>23</sup>Då alle hærførarane og mennene deira fekk høyra at kongen hadde sett inn Gedalja, kom dei til han i Mispa: Ismael, son til Netanja, Johanan, son til Kareah, Seraja, son til Tanhumet frå Netofa, og Jaasanja, son til ein mann frå Maaka. Alle kom dei med mennene sine.

<sup>24</sup>Gedalja gjorde eid til dei og mennene deira og sa: «Ver ikkje redde kaldearane! Ver i landet og ten kongen av Babel, så skal det gå dykk vel.»

<sup>25</sup>Men i den sjuande månaden kom Ismael, son til Netanja, son til Elisjama, som hørde kongsætta til, og han hadde med seg ti mann. Dei slo i hel Gedalja og dei judearane og kaldearane som var hos han i Mispa.

<sup>26</sup>Då braut heile folket opp, både små og store, og hærførarane med dei. Dei drog til Egypt, for dei var redde kaldearane.

### **Kong Jojakin blir teken til nåde**

<sup>27</sup>I det trettisjuande året etter at Juda-kongen Jojakin var bortført, den tjuesjuande dagen i den tolvte månaden i det året han sjølv vart konge, tok Babel-kongen Evil-Merodak Juda-kongen Jojakin til nåde og sette han fri frå fengselet.

<sup>28</sup>Han snakka venleg med han og gav han den fremste plassen mellom dei andre kongane som var hos han i Babel.

<sup>29</sup>Jojakin fekk leggja av fangedrakta, og han åt alltid ved kongens bord så lenge han levde.

<sup>30</sup>Sitt daglege brød fekk han av kongen, dag for dag så lenge han levde.

## 1. Krønikebok

### 1. Krønikebok 1

#### Ætta til Adam

- <sup>1</sup> Adam, Set, Enosj;
- <sup>2</sup> Kenan, Mahalalel, Jared;
- <sup>3</sup> Henok, Metusjalah, Lamek;
- <sup>4</sup> Noah, Sem, Ham og Jafet.
- <sup>5</sup> Sønene til Jafet var Gomer, Magog, Madai, Javan, Tubal, Mesjek og Tiras.
- <sup>6</sup> Sønene til Gomer var Asjkenas, Difat og Togarma.
- <sup>7</sup> Sønene til Javan var Elisja, Tarsis, Kittim og Rodanim.
- <sup>8</sup> Sønene til Ham var Kusj, Misrajim, Put og Kanaan.
- <sup>9</sup> Sønene til Kusj var Seba, Havila, Sabta, Rama og Sabteka. Sønene til Rama var Saba og Dedan.
- <sup>10</sup> Kusj vart òg far til Nimrod. Han var den første som vart mektig på jorda.
- <sup>11</sup> Misrajim vart stamfar til ludarane, anamarane, lehabarane, naftuharane,
- <sup>12</sup> patrusarane og kasluharane, dei som filistrane har kome frå, og kaftorarane.
- <sup>13</sup> Kanaan vart far til Sidon – han var den førstefødde – og til Het,
- <sup>14</sup> og til jebusittane, amorittane, girgasjittane,
- <sup>15</sup> hevittane, arkittane, sinittane,
- <sup>16</sup> arvadittane, semarittane og hamatittane.
- <sup>17</sup> Sønene til Sem var Elam, Assur, Arpaksjad, Lud, Aram, Us, Hul, Geter og Mesjek.
- <sup>18</sup> Arpaksjad vart far til Sjelah, og Sjelah vart far til Eber.
- <sup>19</sup> Eber fekk to søner. Den eine heitte Peleg, for i hans dagar vart jorda delt opp. Bror hans heitte Joktan.
- <sup>20</sup> Joktan vart far til Almodad, Sjelef, Hasarmavet, Jerah,

- <sup>21</sup>Hadoram, Usal, Dikla,  
<sup>22</sup>Ebal, Abimael, Saba,  
<sup>23</sup>Ofir, Havila og Jobab. Alle desse var sønene til Joktan.  
<sup>24</sup> Sem, Arpaksjad, Sjelah,  
<sup>25</sup>Eber, Peleg, Re'u,  
<sup>26</sup>Serug, Nahor, Tarah  
<sup>27</sup>og Abram, det er Abraham.

### **Ætta til Abraham**

- <sup>28</sup> Sønene til Abraham var Isak og Ismael.  
<sup>29</sup>Dette er slektshistoria deira: Nebajot var den førstefødde sonen til Ismael. Han hadde òg sønene Kedar, Adbeel, Mibsam,  
<sup>30</sup>Misjma, Duma, Massa, Hadad, Tema,  
<sup>31</sup>Jetur, Nafisj og Kedma. Dette var etterkomarane av Ismael.  
<sup>32</sup> Ketura, følgjekona til Abraham, fødde Simran, Joksjan, Medan, Midjan, Jisjbak og Sjuah. Sønene til Joksjan var Saba og Dedan.  
<sup>33</sup>Og sønene til Midjan var Efa, Efer, Henok, Abida og Eldaa. Alle desse var etterkomarar av Ketura.  
<sup>34</sup> Abraham fekk sonen Isak. Sønene til Isak var Esau og Israel.  
<sup>35</sup>Sønene til Esau var Elifas, Re'uel, Je'usj, Jalam og Korah.  
<sup>36</sup>Sønene til Elifas var Teman, Omar, Sefi, Gatam, Kenas, Timna og Amalek.  
<sup>37</sup>Sønene til Re'uel var Nahat, Serah, Sjamma og Missa.  
<sup>38</sup> Sønene til Se'ir var Lotan, Sjobal, Sibon, Ana, Disjon, Eser og Disjan.  
<sup>39</sup>Sønene til Lotan var Hori og Homam, og Lotan hadde ei syster som heitte Timna.  
<sup>40</sup>Sønene til Sjobal var Aljan, Manahat, Ebal, Sjefi og Onam. Sønene til Sibon var Ajja og Ana.

<sup>41</sup>Son til Ana var Disjon, og sønene til Disjon var Hamran, Esjban, Jitran og Keran.

<sup>42</sup>Sønene til Eser var Bilhan, Saavan og Jaakan. Sønene til Disjan var Us og Aran.

### **Kongar og hovdingar i Edom**

<sup>43</sup> Dette er dei kongane som råde i landet Edom før det var nokon konge som råde over israelittane: Bela, son til Beor; byen hans heitte Dinhaba.

<sup>44</sup>Då Bela døydde, vart Jobab, son til Serah frå Bosra, konge etter han.

<sup>45</sup>Då Jobab døydde, vart Husjam frå Teman-landet konge etter han.

<sup>46</sup>Då Husjam døydde, vart Hadad, son til Bedad, konge etter han. Det var han som slo midjanittane på slettelandet i Moab. Byen hans heitte Avit.

<sup>47</sup>Då Hadad døydde, vart Samla frå Masreka konge etter han.

<sup>48</sup>Då Samla døydde, vart Saul frå Rehobot attmed Euftrat konge etter han.

<sup>49</sup>Då Saul døydde, vart Baal-Hanan, son til Akbor, konge etter han.

<sup>50</sup> Då Baal-Hanan døydde, vart Hadad konge etter han. Byen hans heitte Pa'i, og kona hans heitte Mehetabel. Ho var dotter til Matred, dotter til Mesahab.

<sup>51</sup>Då Hadad var død, råde desse stammehovdingane i Edom: hovdingane i Timna, Alja, Jetet,

<sup>52</sup>Oholibama, Ela, Pinon,

<sup>53</sup>Kenas, Teman, Mibsar,

<sup>54</sup>Magdiel og Iram. Dette var stammehovdingane i Edom.

## **1. Krønikebok 2**

### **Ætta til Juda**

<sup>1</sup> Dette er sønene til Israel: Ruben, Simon, Levi, Juda, Jissakar, Sebulon,

<sup>2</sup>Dan, Josef, Benjamin, Naftali, Gad og Asjer.

<sup>3</sup>Sønene til Juda var Er, Onan og Sjela. Desse tre fekk han med Batsjua, ei kanaaneisk kvinne. Er, den førstefødde sonen til Juda, gjorde det som vondt var i Herrens auge, og han laga det så at han døydde.

<sup>4</sup>Med Tamar, svigerdotter si, fekk Juda sønene Peres og Serah; i alt hadde han då fem søner.

<sup>5</sup>Sønene til Peres var Hesron og Hamul.

<sup>6</sup>Og sønene til Serah var Simri, Etan, Heman, Kalkol og Dara, i alt fem.

<sup>7</sup>Karmi hadde sonen Akar. Det var han som førte Israel i ulukke då han var trulaus og tok for seg av det som var bannlyst.

<sup>8</sup>Etan hadde sonen Asarja.

<sup>9</sup>Dei sønene som Hesron fekk, var Jerahmeel, Ram og Kelubai.

<sup>10</sup>Ram fekk sonen Amminadab, og Amminadab fekk sonen Nahsjon, som var leiar for Juda-sønene.

<sup>11</sup>Nahsjon fekk sonen Salma, og Salma fekk sonen Boas.

<sup>12</sup>Boas fekk sonen Obed, og Obed fekk sonen Isai.

<sup>13</sup>Isai fekk søner. Den førstefødde var Eliab, den andre var Abinadab, den tredje Sjima,

<sup>14</sup>den fjerde Netanel, den femte Raddai,

<sup>15</sup>den sjette Osem, og den sjuande var David.

<sup>16</sup>Systrene deira var Seruja og Abigajil. Seruja hadde tre søner, Absjai, Joab og Asael.

<sup>17</sup>Abigajil fødde Amasa. Far hans var ismaelitten Jeter.

<sup>18</sup>Kaleb, son til Hesron, fekk søner med Asuba, kona si, og med Jeriot. Desse sønene var Jesjer, Sjobab og Ardon.

<sup>19</sup>Då Asuba døydde, tok Kaleb Efrat til kone; ho fødde sonen Hur til han.

<sup>20</sup>Hur fekk sonen Uri, og Uri fekk sonen Besalel.



- <sup>21</sup>Sidan gjekk Hesron inn til ei dotter til Makir, far til Gilead. Han var seksti år gammal då han tok henne til kone, og ho fødde Segub til han.
- <sup>22</sup> Segub fekk sonen Ja'ir, som hadde tjuetre byar i Gilead-landet.
- <sup>23</sup>Men Gesjur og Aram tok frå dei teltbyane til Ja'ir og Kenat med småbyane ikring, i alt seksti byar. Alle desse var etterkomarar av Makir, far til Gilead.
- <sup>24</sup> Etter at Hesron var død i Kaleb-Efrata, fødde Abia, kona til Hesron, Asjhur. Han vart far til Tekoa.
- <sup>25</sup>Jerahmeel, eldste son til Hesron, hadde sønene Ram, den førstefødde, og Buna, Oren, Osem og Ahia.
- <sup>26</sup>Men Jerahmeel hadde òg ei anna kone, som heitte Atara. Ho vart mor til Onam.
- <sup>27</sup>Ram, den førstefødde sonen til Jerahmeel, hadde sønene Maas, Jamin og Eker.
- <sup>28</sup>Sønene til Onam var Sjammai og Jada, og sønene til Sjammai var Nadab og Abisjur.
- <sup>29</sup>Kona til Abisjur heitte Abihajil, og ho fødde Ahban og Molid til han.
- <sup>30</sup>Sønene til Nadab var Seled og Appajim. Seled døydde barnlaus.
- <sup>31</sup>Appajim fekk sonen Jisji, Jisji fekk sonen Sjesjan, og Sjesjan fekk sonen Ahlai.
- <sup>32</sup>Sønene til Jada, bror til Sjammai, var Jeter og Jonatan. Jeter døydde barnlaus.
- <sup>33</sup>Men Jonatan fekk sønene Pelet og Sasa. Dette var etterkomarane av Jerahmeel.
- <sup>34</sup>Sjesjan hadde ingen søner, berre døtrer. Men han hadde ein egyptisk slave som heitte Jarha.
- <sup>35</sup>Sjesjan gav dotter si til kone for Jarha, og ho fødde Attai til han.
- <sup>36</sup>Attai fekk sonen Natan, og Natan fekk Sabad.

- <sup>37</sup>Sabad fekk sonen Eflal, og Eflal fekk sonen Obed.
- <sup>38</sup>Obed fekk sonen Jehu, og Jehu fekk sonen Asarja.
- <sup>39</sup>Asarja fekk sonen Heles, og Heles fekk sonen Elasa.
- <sup>40</sup>Elasa fekk sonen Sismai, og Sismai fekk sonen Sjallum.
- <sup>41</sup>Sjallum fekk sonen Jekamja, og Jekamja fekk sonen Elisjama.
- <sup>42</sup> Kaleb, bror til Jerahmeel, fekk først sonen Mesja, far til Sif, og sidan sonen Maresja, far til Hebron.
- <sup>43</sup>Sønene til Hebron var Korah, Tappuah, Rekem og Sjema.
- <sup>44</sup>Sjema fekk sonen Raham, som vart far til Jorkeam, og Rekem fekk sonen Sjammai.
- <sup>45</sup>Son til Sjammai var Maon, og Maon vart far til Bet-Sur.
- <sup>46</sup>Efa, følgjekona til Kaleb, fødde Haran, Mosa og Gases, og Haran fekk sonen Gases.
- <sup>47</sup>Sønene til Jodai var Regem, Jotam, Gesjan, Pelet, Efa og Sjaaf.
- <sup>48</sup>Maaka, følgjekona til Kaleb, fekk sønene Sjeber og Tirhana.
- <sup>49</sup>Ho fekk òg sonen Sjaaf, som vart far til Madmanna, og Sjeva, som vart far til Makbena og Gibeaa. Kaleb hadde ei dotter òg; ho heitte Aksa.
- <sup>50</sup> Dette var etterkomarane av Kaleb. Hur, den førstefødde til Efrat, fekk sønene Sjobal, far til Kirjat-Jearim,
- <sup>51</sup>Salma, far til Betlehem, og Haref, far til Betgader.
- <sup>52</sup> Sjobal, far til Kirjat-Jearim, fekk sonen Haroe og vart far til halve Manahat-slekta.
- <sup>53</sup>Kirjat-Jearim-slektene var Jeter-sønene, Put-sønene, Sjuma-sønene og Misjra-sønene. Folket i Sora og Esjtaol kjem frå dei.
- <sup>54</sup>Etterkomarane av Salma var Betlehem, Netofa-slekta, Atrot-Bet-Joab, den andre halvparten av Manahat-slekta og Sora-slekta.

<sup>55</sup>Slektene av skriftlærde som budde i Jabes, var Tira-sønene, Sjima-sønene og Suka-sønene. Dette er kinittane som kom frå Hammat, stamfar til Rekabs hus.

## 1. Krønikebok 3

### Ætta til David

<sup>1</sup> Dette er dei sønene som David fekk i Hebron: Den førstefødde var Amnon, som han fekk med Ahinoam frå Jisreel. Den andre var Daniel, som han fekk med Abigajil frå Karmel.

<sup>2</sup> Den tredje var Absalom, son til Maaka, som var dotter til Talmai, kongen i Gesjur. Den fjerde var Adonja, son til Haggit.

<sup>3</sup> Den femte var Sjefatja, son til Abital, og den sjette var Jitream, son til Egla, kona til David.

<sup>4</sup> Desse seks sønene fekk han i Hebron, der han styrte i sju år og seks månader. I trettitre år styrte han i Jerusalem.

<sup>5</sup> Dette er dei sønene han fekk i Jerusalem: Sjima, Sjobab, Natan og Salomo – desse fire fekk han med Batseba, dotter til Ammiel –

<sup>6</sup> Jibhar, Elisjua og Elifelet,

<sup>7</sup> Nogah, Nefeg og Jafia,

<sup>8</sup> Elisjama, Eljada og Elifelet, i alt ni.

<sup>9</sup> Alle desse var sønene til David. Dessutan hadde han søner med følgjekonene sine. Og Tamar var syster deira.

<sup>10</sup> Son til Salomo var Rehabeam, hans son Abia, hans son Asa og hans son Josjafat.

<sup>11</sup> Hans son var Joram, hans son Ahasja og hans son Joasj.

<sup>12</sup> Hans son var Amasja, hans son Asarja og hans son Jotam.

<sup>13</sup> Hans son var Ahas, hans son Hiskia og hans son Manasse.

<sup>14</sup> Hans son var Amon og hans son Josjia.

<sup>15</sup> Sønene til Josjia var Johanan, den førstefødde, den andre var Jojakim, den tredje var Sidkia, og den fjerde var Sjallum.

<sup>16</sup>Sønene til Jojakim var Jekonja og Sidkia.

<sup>17</sup>Sønene til Jekonja, han som levde i fangenskap, var Sjealtiel,

<sup>18</sup>Malkiram, Pedaja, Sjenassar, Jekamja, Hosjama og Nedabja.

<sup>19</sup>Sønene til Pedaja var Serubabel og Sjimi. Og sønene til Serubabel var Mesjullam og Hananja – dei hadde ei syster som heitte Sjelomit –

<sup>20</sup>dessutan Hasjuba, Ohel, Berekja, Hasadja og Jusjab-Hesed, fem i alt.

<sup>21</sup>Etterkomarane av Hananja var Pelatja og Jesaja, dessutan etterkomarane av Refaja, Arnan, Obadja og Sjekanja.

<sup>22</sup>Son til Sjekanja var Sjemaja, og sønene til Sjemaja var Hattusj, Jigal, Bariak, Nearja og Sjafat, seks i alt.

<sup>23</sup>Sønene til Nearja var Eljoenai, Hiskia og Asrikam, tre i alt.

<sup>24</sup>Sønene til Eljoenai var Hodavja, Eljasjib, Pelaja, Akkub, Johanan, Delaja og Anani, sju i alt.

## 1. Krønikebok 4

### Judas ætteliste held fram

<sup>1</sup> Sønene til Juda var Peres, Hesron, Karmi, Hur og Sjobal.

<sup>2</sup>Reaja, son til Sjobal, fekk sonen Jahat, og Jahat fekk sønene Ahumai og Lahad. Det var Sora-slektene.

<sup>3</sup> Dette er sønene til Abietam: Jisreel, Jisjma og Jidbasj – dei hadde ei syster som heitte Haslelponi –

<sup>4</sup> Penuel, far til Gedor, og Eser, far til Husja. Dei var sønene til Hur, som var den førstefødde til Efrat og far til Betlehem.

<sup>5</sup> Asjhur, far til Tekoa, hadde to koner, Hela og Naara.

<sup>6</sup> Naara fødde Ahussam, Hefer, Temeni og Ahasjtari til han. Dette var sønene til Naara.

- <sup>7</sup> Sønene til Hela var Seret, Jishar, Etnan og Kos.
- <sup>8</sup> Kos fekk sønene Anub og Hassobeba, og han vart stamfar til slektene etter Aharhel, son til Harum.
- <sup>9</sup> Jabes var meir vørd enn brørne sine. Mor hans gav han namnet Jabes. «For eg har fødd han med smerte», sa ho.
- <sup>10</sup> Jabes kalla på Israels Gud og sa: «Å, om du ville velsigna meg, auka landområdet mitt og støtta meg med di hand, fria meg frå ulukke og spara meg for liding!» Og Gud lét det gå som han bad.
- <sup>11</sup> Kelub, bror til Sjuha, fekk sonen Mehir, han som vart far til Esjton.
- <sup>12</sup> Og Esjton fekk sønene Bet-Rafa, Paseah og Tehinna, han som vart far til Ir-Nahasj. Dette var mennene frå Reka.
- <sup>13</sup> Kenas hadde sønene Otniel og Seraja, og son til Otniel var Hatat.
- <sup>14</sup> Meonotai fekk sonen Ofra, og Seraja fekk sonen Joab, som vart stamfar til slekta i Handverkardalen. Dei var handverkarar.
- <sup>15</sup> Kaleb, son til Jefunne, hadde sønene Ir, Ela og Naam, og son til Ela var Kenas.
- <sup>16</sup> Sønene til Jehallelel var Sif, Sifa, Tirja og Asarel.
- <sup>17</sup> Sønene til Esra var Jeter, Mered, Efer og Jalon. Jeter vart far til Mirjam, Sjammai og Jisjbah, far til Esjtemoa.
- <sup>18</sup> Kona hans frå Juda fødde Jered, som vart far til Gedor, Heber, far til Soko, og Jekutiell, far til Sanoah. Dette er sønene til Bitja, dotter til farao, som Mered hadde gift seg med.
- <sup>19</sup> Kona til Hodia, som var syster til Naham, hadde desse sønene: far til Ke'ila frå Garem og Esjtemoa frå Maaka.
- <sup>20</sup> Sønene til Sjimon var Amnon, Rinna, Ben-Hanan og Tolon. Sønene til Jisji var Sohet og Ben-Sohet.

<sup>21</sup>Etterkomarane av Sjela, son til Juda, var Er, far til Leka, Lada, far til Maresja, og dei slektene som hørde til linvevar-lauget i Bet-Asjbea,

<sup>22</sup>Jokim og mennene i Koseba, Joasj og Saraf, som hadde styrt i Moab, men var komne heim att til Lehem – etter gamle overleveringar.

<sup>23</sup>Dei var pottemakerar, desse folka, og budde i Neta'im og Gedera. Der heldt dei til hos kongen og var i teneste hos han.

### **Ætta til Simon**

<sup>24</sup>Sønene til Simon var Nemuel, Jamin, Jarib, Serah og Saul.

<sup>25</sup>Son til Saul var Sjallum, son hans var Mibsam, og son hans Misjma.

<sup>26</sup>Sønene til Misjma var Hammuel, Sakkur og Sjimi.

<sup>27</sup>Sjimi hadde seksten søner og seks døtrer. Men brørne hans hadde ikkje mange søner. Difor auka ikkje slekta deira så mykje som Juda-sønene.

<sup>28</sup>Dei budde i Beer-Sjeba, Molada og Hasar-Sjual,

<sup>29</sup>i Bilha, Esem og Tolad,

<sup>30</sup>i Betuel, Horma og Siklag,

<sup>31</sup>i Bet-Markabot, Hasar-Susim, Bet-Biri og Sjaarajim – desse byane hadde dei heilt til David vart konge –

<sup>32</sup>og i landsbyane som hørde til, i Etam, Ajin, Rimmon, Token og Asjan, fem byar i alt,

<sup>33</sup>og i alle landsbyane som låg ikring desse byane, heilt til Baal. Dette var bustadene deira, og der var dei innskrivne.

<sup>34</sup>Mesjobab, Jamlek og Josja, son til Amasja,

<sup>35</sup>Joel og Jehu, son til Josjibja, som var son til Seraja, Asiels son,

<sup>36</sup>Eljoenai, Jaakoba, Jesjohaja, Asaja, Adiel, Jesimiel og Benaja,

<sup>37</sup>og Sisa, son til Sjifi, som var son til Allon, son til Jedaja, som var son til Sjimri, som var son til Sjemaja

<sup>38</sup>– alle desse som her er nemnde med namn, var leiarar i slektene sine, og familiane deira breidde seg vidt.

<sup>39</sup>Dei drog av stad bortover mot Gedor, til austsida av dalen, og ville leita etter beite til småfeet sitt.

<sup>40</sup>Og dei fann eit beite som var rikt og godt. Landet var vidstrekt, det var stilt og fredfylt. Dei som budde der før, høyrde Ham-ætta til.

<sup>41</sup> På den tid Hiskia var konge i Juda, kom dei som her er oppskrivne med namn, og gjekk til åtak på telta og bustadene deira der. Dei slo dei med bann og utrydda dei. Slik har det vore heilt til denne dag. Så busette dei seg der i staden for dei, for der var det beite for sauene deira.

<sup>42</sup>Nokre av desse Simon-sønene drog til Se'ir-fjella. Det var fem hundre mann under leiing av Pelatja, Nearja, Refaja og Ussiel, sønene til Jisji.

<sup>43</sup>Dei slo i hel resten av dei amalekittane som hadde sloppe unna. Så busette dei seg der og har budd der til denne dag.

## 1. Krønikebok 5

### Stammane austafør Jordan

<sup>1</sup>Sønene til Ruben, Israels førstefødde son. – Han var den førstefødde, men fordi han vanæra leiet til far sin, vart førstefødselsretten gjeven vidare til etterkomarane av Josef, son til Israel. Og Ruben vart ikkje oppskriven som den førstefødde i slektsregisteret.

<sup>2</sup>Juda vart den mektigaste mellom brørne, og frå han skulle fyrsten koma. Men Josef hadde førstefødselsretten. –

<sup>3</sup>Sønene til Ruben, eldste son til Israel, var Henok, Pallu, Hesron og Karmi.

<sup>4</sup>Son til Joel var Sjemaja, hans son var Gog og hans son Sjimi.

<sup>5</sup>Hans son var Mika, hans son Reaja og hans son Baal.

<sup>6</sup>Hans son var Beera, som Tiglat-Pileser, kongen av Assur, førte i eksil. Han var leiar for Ruben-stammen.

- <sup>7</sup>Brørne hans, slekt for slekt, som dei stod oppskrivne i slektsregistra, var Je'iel, hovdingen, Sakarja
- <sup>8</sup>og Bela, son til Asas, som var son til Sjema, Joels son. Dei budde i Aroer og heilt bort til Nebo og Baal-Meon.
- <sup>9</sup>Austover busette dei seg heilt til den ørkenen som strekkjer seg frå elva Euftrat. For buskapen deira hadde auka sterkt i Gilead.
- <sup>10</sup>I Sauls dagar førte dei krig med hagrittane og la dei under seg. Dei busette seg i telta deira langsmed heile austsida av Gilead.
- <sup>11</sup>Gads stamme budde midt imot dei i Basan-landet, heilt til Salka.
- <sup>12</sup>Joel var den fremste mellom dei, etter han kom Sjafam, så Janai, dommaren i Basan,
- <sup>13</sup>og brørne deira, familie for familie: Mikael, Mesjullam, Sjeba, Jorai, Jakan, Sia og Eber, sju i alt.
- <sup>14</sup>Desse var sønene til Abihajil, son til Huri, son til Jaroah, son til Gilead, son til Mikael, son til Jesjisjai, son til Jahdo, som var son til Bus.
- <sup>15</sup>Ahi, son til Abdiel, Guni sin son, var leiar for familiene deira.
- <sup>16</sup>Dei budde i Gilead og Basan og i småbyane der ikring, og på alle beitemarkene i Saron, så langt dei rekk.
- <sup>17</sup> Dei vart alle oppskrivne i slektsregister i dei dagane då Jotam var konge i Juda og Jeroboam var konge i Israel.
- <sup>18</sup>Ruben-stammen og Gad-stammen og halve Manasse-stammen hadde djerve menn som bar skjold og sverd og spente bogen, og som var opplærte til krig. Dei var 44 760 stridsføre menn.
- <sup>19</sup>Dei førte krig mot hagrittane, Jetur, Nafisj og Nodab.
- <sup>20</sup>Dei fekk hjelp imot dei, og hagrittane og alle som var i lag med dei, vart gjevne over i deira hender. For dei ropa til Gud i kampen, og dei vart bønneørde fordi dei sette si lit til han.



<sup>21</sup>Dei tok med seg buskapen til fienden: 50 000 kamelar, 250 000 småfe, 2000 esel og dessutan 100 000 menneske.

<sup>22</sup>Det var mange drepne og falne, for denne krigen var frå Gud. Sidan budde dei der i staden for hagrittane heilt til eksilet.

<sup>23</sup>Den eine halvparten av Manasse-stammen budde i landet frå Basan og til Baal-Hermon, Senir og Hermon-fjellet. Og dei vart talrike.

<sup>24</sup>Dette var leiarane for familiane deira: Efer, Jisji, Eliel, Asriel, Jeremia, Hodavja og Jahdiel. Dei var modige krigarar og namngjetne menn, leiarar for familiane sine.

<sup>25</sup>Men dei var trulause mot sine fedrars Gud. Dei hora med dei gudane som folka der i landet dyrka, dei som Gud hadde rydda ut for dei.

<sup>26</sup>Då eggja Israels Gud Tiglat-Pileser mot dei, kongen av Assur, han som dei òg kalla Pul. Han førte dei i eksil, både rubenittane, gadittane og halve Manasse-stammen. Han tok dei til Halah, Habor, Hara og Gosan-elva, og der har dei vore til denne dag.

## 1. Krønikebok 6

### Ætta til Levi

<sup>1</sup>Sønene til Levi var Gersjom, Kehat og Merari.

<sup>2</sup>Sønene til Kehat var Amram, Jishar, Hebron og Ussiel.

<sup>3</sup>Borna til Amram var Aron, Moses og Mirjam. Og sønene til Aron var Nadab, Abihu, Elasar og Itamar.

<sup>4</sup>Elasar fekk sonen Pinhas, og Pinhas fekk Abisjua;

<sup>5</sup>Abisjua fekk sonen Bukki, og Bukki fekk Ussi;

<sup>6</sup>Ussi fekk sonen Serahja, og Serahja fekk Merajot;

<sup>7</sup>Merajot fekk sonen Amarja, og Amarja fekk Ahitub;

<sup>8</sup>Ahitub fekk sonen Sadok, og Sadok fekk Ahimaas;

<sup>9</sup>Ahimaas fekk sonen Asarja, og Asarja fekk Johanan;

- <sup>10</sup> Johanan fekk sonen Asarja; det var han som gjorde presteteneste i det tempelet Salomo hadde bygd i Jerusalem.
- <sup>11</sup> Asarja fekk sonen Amarja, og Amarja fekk Ahitub;
- <sup>12</sup> Ahitub fekk sonen Sadok, og Sadok fekk Sjallum;
- <sup>13</sup> Sjallum fekk sonen Hilkia, og Hilkia fekk Asarja;
- <sup>14</sup> Asarja fekk sonen Seraja, og Seraja fekk sonen Josadak.
- <sup>15</sup> Men Josadak laut fara med då Herren dreiv Juda og Jerusalem i eksil ved handa til Nebukadnesar.
- <sup>16</sup> Sønene til Levi var Gersjom, Kehat og Merari.
- <sup>17</sup> Dette er namna på sønene til Gersjom: Libni og Sjimi.
- <sup>18</sup> Sønene til Kehat var Amram, Jishar, Hebron og Ussiel.
- <sup>19</sup> Og sønene til Merari var Mahli og Musji. Dette er levittslektene, nemnde etter fedrane deira:
- <sup>20</sup> Gersjom hadde sonen Libni; hans son var Jahat, hans son Simma,
- <sup>21</sup> hans son Joah, hans son Iddo, hans son Serah og hans son Jeotrai.
- <sup>22</sup> Kehat hadde sonen Amminadab; hans son var Korah, hans son Assir,
- <sup>23</sup> hans son Elkana, hans son Ebjasaf, hans son Assir,
- <sup>24</sup> hans son Tahat, hans son Uriel, hans son Ussia og hans son Saul.
- <sup>25</sup> Sønene til Elkana var Amasai og Ahimot;
- <sup>26</sup> hans son var Elkana, hans son Sofai, hans son Nahat,
- <sup>27</sup> hans son Eliab, hans son Jeroham og hans son Elkana.
- <sup>28</sup> Samuel hadde to søner; den førstefødde heitte Joel, og den andre heitte Abia.
- <sup>29</sup> Merari hadde sonen Mahli; son hans var Libni, son hans Sjimi og son hans Ussa;
- <sup>30</sup> hans son var Sjima, hans son Haggia og hans son Asaja.

## Tempelsongarane

<sup>31</sup> Dette er dei mennene som David innsette til leiarar for songen i Herrens hus då paktkista hadde fått kvilestaden sin der.

<sup>32</sup> Før Salomo hadde bygd tempelet i Jerusalem, gjorde dei teneste som songarar framfor teltheilagdomen, Guds bustad. Der stod dei og gjorde tenesta si etter forskriftene.

<sup>33</sup> Dette er tempelsongarane og sønene deira: av Kehat-sønene: songaren Heman, son til Joel, son til Samuel,

<sup>34</sup> son til Elkana, son til Jeroham, son til Eliel, son til Toah,

<sup>35</sup> son til Sif, son til Elkana, son til Mahat, son til Amasai,

<sup>36</sup> son til Elkana, son til Joel, son til Asarja, son til Sefanja,

<sup>37</sup> son til Tahat, son til Assir, son til Ebjasaf, son til Korah,

<sup>38</sup> son til Jishar, son til Kehat, son til Levi, som var son til Israel.

<sup>39</sup> Asaf, bror til Heman, som stod på høgre sida hans, var son til Berekja, son til Sjima,

<sup>40</sup> son til Mikael, son til Baaseja, son til Malkia,

<sup>41</sup> son til Etni, son til Serah, son til Adaja,

<sup>42</sup> son til Etan, son til Simma, son til Sjimi,

<sup>43</sup> son til Jahat, son til Gersjom, som var son til Levi.

<sup>44</sup> Merari-sønene, brørne deira, stod på venstre sida: Etan, son til Kisji, son til Abdi, son til Malluk,

<sup>45</sup> son til Hasjabja, son til Amasja, son til Hilkia,

<sup>46</sup> son til Amsi, son til Bani, son til Sjemer,

<sup>47</sup> son til Mahli, son til Musji, son til Merari, som var son til Levi.

<sup>48</sup> Brørne deira, dei andre levittane, var sette til å gjera allslags teneste i huset som er Guds bustad.

<sup>49</sup>Aron og sønene hans bar fram offer på brennofferaltaret og på røykjelsesaltaret. Dei skulle gjera all teneste i Det høgheilage og gjera soning for Israel, heilt og fullt så som Moses, Guds tenar, hadde sagt.

<sup>50</sup>Dette var etterkomarane av Aron: Elasar, hans son Pinhas, hans son Abisjua,

<sup>51</sup>hans son Bukki, hans son Ussi, hans son Serahja,

<sup>52</sup>hans son Merajot, hans son Amarja, hans son Ahitub,

<sup>53</sup>hans son Sadok og hans son Ahimaas.

### **Bustadene til levittane**

<sup>54</sup> Dette er bustadene til levittane, teltleirane som dei hadde innanfor landområdet sitt: Først vart det kasta lodd for Aron-sønene av Kehat-slekta,

<sup>55</sup>og dei fekk Hebron i Juda med beitemarkene rundt ikring.

<sup>56</sup>Men åkerlandet og landsbyane som høyrde byen til, fekk Kaleb, son til Jefunne.

<sup>57</sup>Aronittane fekk fribyane Hebron og Libna med beitemarker, Jattir og Esjtemoa med beitemarker,

<sup>58</sup>Hilen med beitemarker og Debir med beitemarker,

<sup>59</sup>Asjan med beitemarker og Bet-Sjemesj med beitemarker,

<sup>60</sup>og frå Benjamin-stammen Geba med beitemarker, Alemet med beitemarker og Anatot med beitemarker. I alt hadde dei tretten byar for slektene sine.

<sup>61</sup> Dei andre Kehat-sønene, ætt for ætt, fekk ved loddkasting ti byar frå halve Manasse-stammen.

<sup>62</sup>Gersjom-sønene, slekt for slekt, fekk tretten byar frå Jissakar-stammen, Asjer-stammen, Naftali-stammen og Manasse-stammen i Basan.

<sup>63</sup>Merari-sønene, slekt for slekt, fekk ved loddkasting tolv byar frå Ruben-stammen, Gad-stammen og Sebulon-stammen.

<sup>64</sup>Desse byane og beitemarkene som høyrde til, gav israelittane til levittane.

<sup>65</sup>Ved loddkasting fekk dei desse byane som er nemnde her, frå Juda-stammen, Simon-stammen og Benjamin-stammen.

<sup>66</sup> Dei andre av Kehats etterkomarar fekk desse byane av Efraim-stammen:

<sup>67</sup>fribyane Sikem i Efraim-fjella med beitemarker og Geser med beitemarker,

<sup>68</sup>Jokmeam med beitemarker og Bet-Horon med beitemarker,

<sup>69</sup>Ajjalon med beitemarker og Gat-Rimmon med beitemarker,

<sup>70</sup>og av den eine halvparten av Manasse-stammen Aner med beitemarker og Bileam med beitemarker. Dette fekk dei andre Kehat-sønene, slekt for slekt.

<sup>71</sup>Gersjom-sønene, slekt for slekt, fekk av den andre halvparten av Manasse-stammen Golan i Basan med beitemarker og Asjarot med beitemarker;

<sup>72</sup>av Jissakar-stammen Kedesj med beitemarker og Daberat med beitemarker,

<sup>73</sup>Ramot med beitemarker og Anem med beitemarker;

<sup>74</sup>av Asjer-stammen Masjal med beitemarker og Abdon med beitemarker,

<sup>75</sup>Hukok med beitemarker og Rehob med beitemarker;

<sup>76</sup>og av Naftali-stammen Kedesj i Galilea med beitemarker, Hammon med beitemarker og Kirjatajim med beitemarker.

<sup>77</sup> Dei andre Merari-sønene fekk av Sebulon-stammen Rimmon med beitemarker og Tabor med beitemarker;

<sup>78</sup>på den andre sida av Jordan ved Jeriko, aust for Jordan, fekk dei av Ruben-stammen Beser i ørkenen med beitemarker og Jahsa med beitemarker,

<sup>79</sup>Kedemot med beitemarker og Mefaat med beitemarker,

<sup>80</sup>og av Gad-stammen Ramot i Gilead med beitemarker og Mahanajim med beitemarker,

<sup>81</sup>Hesjbon med beitemarker og Jaser med beitemarker.

## 1. Krønikebok 7

### Ætta til Jissakar

<sup>1</sup> Jissakar hadde fire søner: Tola, Pua, Jasjub og Sjimron.

<sup>2</sup> Sønene til Tola var Ussi, Refaja, Jeriel, Jahmai, Jibsam og Samuel. Dei var leiarar for Tola-familiane og djerne krigarar, seier slektshistoria deira. Dei talde 22 600 mann på Davids tid.

<sup>3</sup> Son til Ussi var Jisrahja. Og Jisrahja hadde sønene Mikael, Obadja, Joel og Jisjia, alt i alt fem leiarar.

<sup>4</sup> Til kvar familie høyrde, ifølgje slektshistoria deira, flokkar av krigarar, 36 000 mann; for dei hadde mange koner og born.

<sup>5</sup> Brørne deira i alle Jissakar-slektene var òg djerne krigarar. I alt stod det 87 000 mann i slektsregisteret deira.

#### **Ætta til Benjamin**

<sup>6</sup> Benjamin hadde tre søner: Bela, Beker og Jediael.

<sup>7</sup> Sønene til Bela var Esbon, Ussi, Ussiel, Jerimot og Iri, fem i alt. Dei var leiarar for familiane og djerne krigarar. I slektsregisteret deira var det 22 034 mann.

<sup>8</sup> Sønene til Beker var Semira, Joasj, Elieser, Eljoenai, Omri, Jeremot, Abia, Anatot og Alemet. Alle desse var sønene til Beker.

<sup>9</sup> Etter slektshistoria deira var det 20 200 mann i slektsregisteret, leiarar for familiar og djerne krigarar.

<sup>10</sup> Jediael hadde sonen Bilhan, og sønene til Bilhan var Je'usj, Benjamin, Ehud, Kenaana, Setan, Tarsis og Ahisjahar.

<sup>11</sup> Alle desse var etterkomarane av Jediael, leiarar for familiar og djerne krigarar, 17 200 stridsføre menn.

<sup>12</sup> Sjuppim og Huppim var sønene til Ir, og Husjim var son til Aher.

#### **Ætta til Naftali**

<sup>13</sup> Sønene til Naftali var Jahsiel, Guni, Jeser og Sjallum. Dei var etterkomarar av Bilha.

#### **Ætta til Manasse**

<sup>14</sup> Son til Manasse var Asriel, som han fekk med den arameiske følgjekona si. Ho fødte òg Makir, far til Gilead.

<sup>15</sup>Makir tok koner til Huppim og Sjuppim. Syster hans heitte Maaka. Den andre heitte Selofhad, og Selofhad hadde berre døtrer.

<sup>16</sup>Maaka, kona til Makir, fødte ein son og kalla han Peres. Bror hans heitte Sjeresj, og sønene hans var Ulam og Rekem.

<sup>17</sup>Son til Ulam var Bedan. Dette var sønene til Gilead, son til Makir, som var son til Manasse.

<sup>18</sup>Syster hans, Hammoleket, fødte Isjhod, Abieser og Mahla.

<sup>19</sup>Sønene til Sjemida var Ahjan, Sikem, Likhi og Aniam.

#### **Ætta til Efraim**

<sup>20</sup> Etterkomarane av Efraim var: Sjutelah, hans son Bered, hans son Tahat, hans son Elada, hans son Taham,

<sup>21</sup>hans son Sabad og hans son Sjutelah, dessutan Eser og Elad. Dei vart drepne av nokre menn frå Gat som var fødte der i landet, fordi dei hadde fare ned for å røva buskapen deira.

<sup>22</sup>Efraim, far deira, sørgde i lang tid, og brørne hans kom og ville trøysta han.

<sup>23</sup> Sidan gjekk han inn til kona si, og ho vart med barn. Ho fødte ein son og gav han namnet Beria, fordi ei ulukke hadde ramma deira hus.

<sup>24</sup>Dotter hans heitte Sjeera. Ho bygde Nedre og Øvre Bet-Horon og Ussen-Sjeera.

<sup>25</sup>Hans son var Refah, hans son Resjef, hans son Telah, hans son Tahan,

<sup>26</sup>hans son Ladan, hans son Ammihud, hans son Elisjama,

<sup>27</sup>hans son Nun og hans son Josva.

<sup>28</sup>Deira eigedomar og bustader var Betel med landsbyane som høyrde til, mot aust Naaran og mot vest Geser med landsbyar og Sikem med landsbyar, heilt til Ajja med landsbyane som høyrde til.

<sup>29</sup>Etterkomarane av Manasse rådde i Bet-Sjean og landsbyane som høyrde til, i Taanak med landsbyar, Megiddo med landsbyar og Dor med landsbyar. I desse byane budde etterkomarane av Josef, son til Israel.

### **Ætta til Asjer**

<sup>30</sup>Sønene til Asjer var Jimna, Jisjva, Jisjvi og Beria, og Serah var syster deira.

<sup>31</sup>Sønene til Beria var Heber og Malkiel. Han var far til Birsajit.

<sup>32</sup>Heber fekk sønene Jaflet, Sjomer og Hotam, og Sjua var syster deira.

<sup>33</sup>Sønene til Jaflet var Pasak, Bimhal og Asjvat. Det var sønene til Jaflet.

<sup>34</sup>Sønene til Sjomer var Ahi, Rohga, Jehubba og Aram.

<sup>35</sup>Sønene til Helem, bror hans, var Sofah, Jimna, Sjelesj og Amal.

<sup>36</sup>Sønene til Sofah var Suah, Harnefer, Sjual, Beri, Jimra,

<sup>37</sup>Beser, Hod, Sjamma, Sjilsja, Jitrans og Beera.

<sup>38</sup>Sønene til Jeter var Jefunne, Pispa og Ara.

<sup>39</sup>Og sønene til Ulla var Arah, Hanniel og Risja.

<sup>40</sup>Alle desse var etterkomarane til Asjer, leiarar for familiar, utvalde og djerve krigarar, leiande hovdingar. Det var 26 000 mann som var registrerte til krigsteneste.

## **1. Krønikebok 8**

### **Ætta til Benjamin**

<sup>1</sup>Benjamin fekk søner. Den førstefødde var Bela, den andre var Asjbel, den tredje Ahrah,

<sup>2</sup>den fjerde Noha, og den femte var Rafa.

<sup>3</sup>Bela hadde sønene Addar, Gera, Abihud,

<sup>4</sup>Abisjua, Naaman, Ahoah,

<sup>5</sup>Gera, Sjefufan og Huram.



<sup>6</sup> Dette er sønene til Ehud; dei var leiarar for familiane mellom innbyggjarane i Geba, som seinare vart drivne i eksil til Manahat:

<sup>7</sup> Naaman, Ahia og Gera, han som førte dei bort. Han fekk to søner: Ussa og Ahihud.

<sup>8</sup> Sjaharajim fekk born i slettelandet i Moab etter at han hadde sendt frå seg konene Husjim og Baara.

<sup>9</sup> Med Hodesj, kona si, fekk han sønene Jobab, Sibja, Mesja, Malkam,

<sup>10</sup> Jeus, Sokja og Mirma. Dette var sønene hans, og dei var alle leiarar for familiar.

<sup>11</sup> Med Husjim fekk han sønene Abitub og Elpaal.

<sup>12</sup> Sønene til Elpaal var Eber, Misjam og Sjemer. Det var han som bygde Ono og Lod med landsbyane som hørde til.

<sup>13</sup> Beria og Sjema var leiarar for familiane mellom innbyggjarane i Ajjalon. Dei dreiv innbyggjarane i Gat på flukt.

<sup>14</sup> Ahjo, Sjasjak og Jeremot,

<sup>15</sup> Sebadja, Arad og Eder,

<sup>16</sup> Mikael, Jisjpa og Joha var sønene til Beria.

<sup>17</sup> Sebadja, Mesjullam, Hiski, Heber,

<sup>18</sup> Jisjmerai, Jislia og Jobab var sønene til Elpaal.

<sup>19</sup> Jakim, Sikri, Sabdi,

<sup>20</sup> Elienai, Silletai og Eliel,

<sup>21</sup> Adaja, Beraja og Sjimrat var sønene til Sjimi.

<sup>22</sup> Jisjpan, Eber og Eliel,

<sup>23</sup> Abdon, Sikri og Hanan,

<sup>24</sup> Hananja, Elam og Antotia,

<sup>25</sup> Jifdeja og Peniel var sønene til Sjasjak.

<sup>26</sup>Sjamsjerai, Sjeharja og Atalja,

<sup>27</sup>Jaaresja, Elia og Sikri var sønene til Jeroham.

<sup>28</sup>Alle desse var leiarar for familiar og hovdingar, seier slektshistoria. Dei budde i Jerusalem.

<sup>29</sup> I Gibeon budde far til Gibeon; kona hans heitte Maaka.

<sup>30</sup>Den førstefødde sonen hans var Abdon. Så kom Sur, Kisj, Baal, Nadab,

<sup>31</sup>Gedor, Ahjo, Seker og Miklot.

<sup>32</sup>Miklot fekk sonen Sjima. Dei òg budde i Jerusalem som brørne sine, saman med dei.

<sup>33</sup> Ner fekk sonen Kisj, og Kisj fekk Saul. Saul fekk sønene Jonatan, Malkisjua, Abinadab og Esjbaal.

<sup>34</sup> Son til Jonatan var Meribbaal, og Meribbaal fekk sonen Mika.

<sup>35</sup>Sønene til Mika var Piton, Melek, Tarea og Ahas.

<sup>36</sup>Ahas fekk sonen Joadda, og Joadda fekk sønene Alemet, Asmavet og Simri. Simri fekk sonen Mosa,

<sup>37</sup>og Mosa fekk Bina. Hans son var Rafa, hans son Elasa og hans son Asel.

<sup>38</sup>Asel hadde seks søner, og dette er namna deira: Asrikam, Bokeru, Ismael, Sjearja, Obadja og Hanan. Alle desse var sønene til Asel.

<sup>39</sup>Sønene til Esjek, bror hans, var Ulam, den førstefødde, den andre var Je'usj, og den tredje var Elifelet.

<sup>40</sup>Sønene til Ulam var djerve krigarar, gode bogeskyttarar. Dei hadde mange søner og sønesøner, hundre og femti i alt. Alle desse var etterkomarar av Benjamin.

## 1. Krønikebok 9

<sup>1</sup>Heile Israel vart ført opp i slektsregister, og sjå, dei er innskrivne i boka om Israels-kongane.

### Innbyggjarane i Jerusalem

Men fiendane førte Juda i eksil til Babel fordi dei hadde vore trulause.

<sup>2</sup>Dei første som busette seg på eigedomane deira og i byane deira, var vanlege israelittar, prestar, levittar og tempeltenarar.

<sup>3</sup>I Jerusalem busette det seg folk frå Juda, Benjamin, Efraim og Manasse.

<sup>4</sup>Det var: Utai, son til Ammihud, son til Omri, son til Imri, son til Bani, ein av sønene til Peres, son til Juda.

<sup>5</sup>Vidare av etterkomarane av Sjela: Asaja, den førstefødde, og sønene hans;

<sup>6</sup>av Serah-sønene: Je'uel. Slektningane hans talde 690 personar.

<sup>7</sup>Av etterkomarane av Benjamin: Sallu, son til Mesjullam, son til Hodavja, son til Hassenua,

<sup>8</sup>og Jibneja, son til Jeroham, og Ela, son til Ussi, son til Mikri, og Mesjullam, son til Sjefatja, son til Re'uel, son til Jibnia,

<sup>9</sup>og slektningane deira ifølgje slektshistoria, 956 i alt. Alle desse var leiarar for familiane sine.

<sup>10</sup>Av prestane: Jedaja, Jojarib og Jakin,

<sup>11</sup>Asarja, son til Hilkia, son til Mesjullam, son til Sadok, son til Merajot, son til Ahitub, leiaren for Guds hus,

<sup>12</sup>og Adaja, son til Jeroham, son til Pasjhur, son til Malkia, og Masai, son til Adiel, son til Jahsera, son til Mesjullam, son til Mesjillemot, son til Immer,

<sup>13</sup>og slektningane deira, leiarar for familiane sine, 1760 i alt. Det var dyktige menn, vel skikka til å gjera teneste i Guds hus.

<sup>14</sup>Av levittane: Sjemaja, son til Hasjub, son til Asrikam, son til Hasjabja, ein av etterkomarane av Merari,

<sup>15</sup>og Bakbakkar, Heresj, Galal og Mattanja, son til Mika, son til Sikri, son til Asaf,

<sup>16</sup>og Obadja, son til Sjemaja, son til Galal, son til Jedutun, og Berekja, son til Asa, son til Elkana, som budde i landsbyane til Netofa-slekta.

- <sup>17</sup>Portvaktene: Sjallum, Akkub, Talmon og Ahiman og slektningane deira; Sjallum var den øvste av dei.
- <sup>18</sup> Dei står framleis ved Kongeporten mot aust. Det er dei som held vakt i leirane til levittane.
- <sup>19</sup>Sjallum, son til Kore, son til Ebjasaf, son til Korah, og slektningane hans, Korah-sønene, som hørde til same familien som han, hadde som si teneste å vera dørvaktarar ved teltet; fedrane deira hadde vakta inngangen til Herrens leir.
- <sup>20</sup> Pinhas, son til Elasar, hadde vore leiaren deira. Herren var med han.
- <sup>21</sup>Sakarja, son til Mesjelemja, var dørvaktar ved inngangen til teltheilagdomen.
- <sup>22</sup> Desse som var utvalde til å vera dørvaktarar, var i alt 212 mann. Dei var oppskrivne i slektsregister etter landsbyane sine. David og sjåaren Samuel hadde sett dei inn i tenesta fordi dei var pålitelege.
- <sup>23</sup>Dei og sønene deira skulle halda vakt avdelingsvis ved portane til Herrens hus, ved teltbustaden.
- <sup>24</sup>Dørvaktarane stod på post vende mot dei fire vindretningane, mot aust, vest, nord og sør.
- <sup>25</sup>Slektningane deira i landsbyane ikring skulle frå tid til anna koma og hjelpe dei i sju dagar.
- <sup>26</sup> Fordi dei var trufaste, hadde desse fire, som var levittar, vorte innsette som leiarar for portvaktene. Tempelromma og skattkammera i Guds hus vakta dei òg.
- <sup>27</sup>Om natta heldt dei seg kring Guds hus; for det var deira plikt å halda vakt og opna portane kvar morgon.
- <sup>28</sup>Nokre av dei hadde tilsyn med dei gjenstandane som vart nytta i gudstenesta. Dei skulle telja dei både når dei bar dei inn, og når dei bar dei ut.

<sup>29</sup>Andre var sette til å ta vare på det vanlege utstyret og det heilage utstyret, det fine mjølet, vinen, oljen, røykjelsen og balsamen.

<sup>30</sup>Nokre av prestane laga blandinga til den velluktande balsamen.

<sup>31</sup>Mattitja, ein av levittane, den førstefødde sonen til Sjallum av Korah-slekta, var tiltrudd tilsynet med brødbakinga.

<sup>32</sup> Og nokre av slektningane deira frå Kehat-slekta hadde ansvaret for tilsynet med skodebrøda, som dei skulle leggja fram kvar sabbat.

<sup>33</sup> Så var det tempelsongarane, leiarar for levittfamiliane. Dei heldt til i tempelromma og var fritekne for alle andre tenester, for dei laut gjera teneste dag og natt.

<sup>34</sup> Dette var leiarane for levittfamiliane, hovdingar etter slektshistoria si. Dei budde i Jerusalem.

### Slekta til Saul

<sup>35</sup> I Gibeon budde Je'uel, far til Gibeon. Kona hans heitte Maaka.

<sup>36</sup>Den førstefødde sonen hans var Abdon. Så kom Sur, Kisj, Baal, Ner, Nadab,

<sup>37</sup>Gedor, Ahjo, Sakarja og Miklot.

<sup>38</sup>Miklot fekk sonen Sjima. Dei òg budde i Jerusalem som brørne sine, saman med dei.

<sup>39</sup>Ner fekk sonen Kisj, og Kisj fekk Saul. Saul fekk sønene Jonatan, Malkisjua, Abinadab og Esjbaal.

<sup>40</sup>Son til Jonatan var Meribbaal, og Meribbaal fekk sonen Mika.

<sup>41</sup>Sønene til Mika var Piton, Melek, Tarea og Ahas.

<sup>42</sup>Ahas fekk sonen Jara, og Jara fekk sønene Alemet, Asmavet og Simri. Simri fekk sonen Mosa,

<sup>43</sup>og Mosa fekk Bina. Hans son var Refaja, hans son Elasa og hans son Asel.

<sup>44</sup>Asel hadde seks søner, og dette er namna deira: Asrikam, Bokeru, Ismael, Sjearja, Obadja og Hanan. Alle desse var sønene til Asel.

## 1. Krønikebok 10

### Saul døyr

<sup>1</sup>Filistrane gjekk til kamp mot Israel. Då flykta israelittane for dei, og det låg mange falne på Gilboa-fjellet.

<sup>2</sup>Filistrane var like i hælane på Saul og sønene hans, og dei felte Jonatan, Abinadab og Malkisjua, sønene til Saul.

<sup>3</sup>Saul var hardt pressa i kampen; bogeskyttarane kom over han, og han skalv av redsle for dei.

<sup>4</sup>Då sa Saul til våpenberaren sin: «Dra sverdet ditt og støyt det gjennom meg, så ikkje desse uomskorne skal koma og mishandla meg.» Men våpenberaren ville ikkje; han var for redd. Då tok Saul sjølv sverdet og styrta seg mot det.

<sup>5</sup>Då våpenberaren såg at Saul var død, styrta han seg mot sverdet sitt og følgde han i døden.

<sup>6</sup>Slik døydde Saul og dei tre sønene hans, og heile hans hus døydde ut med han.

<sup>7</sup>Då alle israelittane som budde i dalen, såg at soldatane hadde flykta, og at Saul og sønene hans var falne, tok dei ut frå byane sine og flykta. Og filistrane kom og slo seg ned der.

<sup>8</sup>Dagen etter kom filistrane for å plyndra dei døde. Då fann dei Saul og sønene hans som låg falne på Gilboa-fjellet.

<sup>9</sup>Dei plyndra Saul og tok med seg hovudet og våpna hans. Så sende dei bod rundt om i filistarlandet for å ropa ut sigersbodskapen for gudebileta og for folket.

<sup>10</sup>Våpna hans la dei ned i gudetempellet sitt, og hovudskallen hengde dei opp i Dagon's tempel.

<sup>11</sup>Då heile Jabesj i Gilead fekk høyra kva filistrane hadde gjort med Saul,

<sup>12</sup>drog alle våpenføre menn av stad. Dei tok lika av Saul og sønene hans og førte dei til Jabesj. Så gravla dei knoklane deira under eiketreet i Jabesj og fasta i sju dagar.

<sup>13</sup> Slik døydde Saul fordi han hadde vore trulaus mot Herren og ikkje halde seg etter Herrens ord. Han hadde òg spurt gjenferd til råds,

<sup>14</sup>men ikkje søkt råd hos Herren. Difor lét Herren han døy, og kongedømet gjekk over til David, son til Isai.

## **1. Krønikebok 11**

### **Kong David tek Jerusalem**

<sup>1</sup> Så kom heile Israel saman hos David i Hebron og sa: «Sjå, vi er av same bein og kjøt som du.

<sup>2</sup> Alt for lenge sidan, då Saul var konge, var det du som førte Israel både ut og heim att. Herren din Gud har sagt til deg: Du skal vera hyrding for Israel, folket mitt, du skal vera fyrste over Israel.»

<sup>3</sup> Så kom alle dei eldste i Israel til kongen i Hebron. David gjorde ei pakt med dei i Hebron for Herrens andlet. Og dei salva David til konge over Israel, som Herren hadde sagt gjennom Samuel.

<sup>4</sup> David og heile Israel drog no til Jerusalem – det er Jebus. Der i landet budde jebusittane.

<sup>5</sup> Dei som budde i Jebus, sa til David: «Her kjem du aldri inn!» Men David tok Sion-borga, som no er Davidsbyen.

<sup>6</sup> David sa: «Den som først feller ein jebusitt, skal vera hovding og førar.» Joab, son til Seruja, kom først opp, og han vart hovding.

<sup>7</sup> David slo seg ned i borga; difor kalla dei henne Davidsbyen.

<sup>8</sup> Han bygde byen rundt ikring, frå Millo og heilt rundt, medan Joab fekk resten av byen på fote att.

<sup>9</sup> David fekk stadig større makt, for Herren over hæskarane var med han.

### **Davids krigarar**

<sup>10</sup> Dette er dei fremste av krigsheltane til David. Saman med heile Israel gav dei kongsmakta hans sterk støtte. Dei ville gjera han til konge etter Herrens ord om Israel.

<sup>11</sup> Dette er ei liste over krigarane til David: Først var det Jasjobam, son til Hakmoni, som var hovding for dei tre. Det var han som svinga spydet sitt over tre hundre falne på ein gong.

<sup>12</sup> Etter han kom Elasar, son til Dodo frå Ahoah. Han var ein av dei tre heltane.

<sup>13</sup> Han var med David ved Pas-Dammim då filistrane hadde samla seg til kamp der. Det var ein tett byggåker der, og då folket flykta for filistrane,

<sup>14</sup> gjekk dei midt ut i åkeren og verna han. Dei hogg ned filistrane, og Herren lét dei vinna ein stor siger.

<sup>15</sup> Ein gong drog tre av dei tretti hovdingane ned over berget til David, som var i hòla ved Adullam. Filistarhæren låg i leir i Refa'im-dalen.

<sup>16</sup> David heldt den gongen til i fjellborga, og forposten til filistrane låg ved Betlehem.

<sup>17</sup> Då vart David svært tørst og sa: «Kven vil henta vatn til meg frå brønnen ved byporten i Betlehem!»

<sup>18</sup> Dei tre tok seg inn i filistarleiren. Dei auste opp vatn frå brønnen ved byporten i Betlehem og tok det med seg til David. Men han ville ikkje drikka. Han auste det ut for Herren

<sup>19</sup> og sa: «Måtte min Gud fri meg frå å gjera noko slikt! Skulle eg drikka blodet til desse mennene som våga livet sitt for å henta vatn?» Og han ville ikkje drikka det. – Dette gjorde dei tre heltane.

<sup>20</sup> Absjai, bror til Joab, var hovding over dei tretti. Ein gong svinga han spydet over tre hundre falne og fekk eit stort namn mellom dei tretti.

<sup>21</sup> Han var svært høgt akta mellom dei tretti og vart leiaren deira, men han kom ikkje opp mot dei tre.



<sup>22</sup>Benaja, son til Jojada, frå Kabseel var ein modig mann og gjorde mange heltegjerningar. Han slo i hel dei to sønene til Ariel frå Moab. Ein dag det hadde snøa, steig han ned i ein brønn og drap ei løve.

<sup>23</sup> Han felte òg ein svær egyptar som var fem alner høg. Egyptaren hadde eit spyd så tjukt som ein vevbom i handa. Men Benaja gjekk imot han med ein stav, reiv spydet ut av handa på egyptaren og drap han med hans eige spyd.

<sup>24</sup> Dette gjorde Benaja, son til Jojada, og han fekk eit stort namn mellom dei tretti krigarane.

<sup>25</sup>Han var høgt vørd mellom dei tretti, men kom ikkje opp mot dei tre. David sette han over livvakta si.

<sup>26</sup>Dei djervaste krigarane var: Asael, bror til Joab; Elhanan, son til Dodo, frå Betlehem;

<sup>27</sup>Sjammot frå Harod; Heles frå Pelon;

<sup>28</sup>Ira, son til Ikkesj, frå Tekoa; Abieser frå Anatot;

<sup>29</sup>Sibbekai frå Husja; Ilai frå Ahoah;

<sup>30</sup>Mahrai frå Netofa; Heled, son til Baana, frå Netofa;

<sup>31</sup>Itai, son til Ribai, frå Gibeia i Benjamin; Benaja frå Piraton;

<sup>32</sup>Hurai frå Gaasj-dalane; Abiel frå Bet-Araba;

<sup>33</sup>Asmavet frå Bahurim; Eljahba frå Sjaalbon;

<sup>34</sup>Hasjem-sønene frå Gison; Jonatan, son til Sjage, frå Harar;

<sup>35</sup>Ahiam, son til Sjarar, frå Harar; Elifal, son til Ur;

<sup>36</sup>Hefer frå Mekera; Ahia frå Pelon;

<sup>37</sup>Hesro frå Karmel; Naarai, son til Esbai;

<sup>38</sup>Joel, bror til Natan; Mibhar, son til Hagri;

<sup>39</sup>Selek frå Ammon; Nahrai frå Beerot, våpenberaren til Joab, son til Seruja;

<sup>40</sup>Ira frå Jattir; Gareb frå Jattir;

<sup>41</sup> hetitten Uria; Sabad, son til Ahlai;

<sup>42</sup>rubenitten Adina, son til Sjisa, hovding for rubenittane, og tretti mann med han;

<sup>43</sup>Hanan, son til Maaka; Josjafat frå Mitne;

<sup>44</sup>Ussia frå Asjtera; Sjama og Jeiel, sønene til Hotam, frå Aroer;

<sup>45</sup>Jediael, son til Sjimri, og Joha, bror hans, frå Tis;

<sup>46</sup>Eliel frå Mahanajim, Jeribai og Josjavja, sønene til Elnaam, og Jitma frå Moab;

<sup>47</sup>Eliel, Obed og Jaasiel frå Soba.

## 1. Krønikebok 12

### Folket sluttar opp om David

<sup>1</sup> Dette er dei som kom til David i Siklag medan han endå laut halda seg unna Saul, son til Kisj. Dei høyrde til heltane som hjelpte han i kampen.

<sup>2</sup> Dei var væpna med boge, og med både høgre og venstre hand kunne dei slyngja steinar og skyta piler med bogen. Dei høyrde til Saul sine slektningar, av Benjamin-stammen.

<sup>3</sup> Det var hovdingen Ahieser, Joasj, son til Sjemaa frå Gibeaa; Jesiel og Pelet, sønene til Asmavet, Berekja og Jehu frå Anatot;

<sup>4</sup> Jisjmaja frå Gibeon, ein helt mellom dei tretti og hovding over dei tretti; Jeremia, Jahasiel, Johanan og Josabad frå Gedera;

<sup>5</sup> Elusai, Jerimot, Bealja, Sjemarja og Sjefatja frå Haruf;

<sup>6</sup> Elkana, Jisjia, Asarel, Joeser og Jasjobam av Korah-slekta;

<sup>7</sup> Joela og Sebadja, sønene til Jeroham, frå Gedor.

<sup>8</sup> Av gadittane gjekk nokre over til David då han var i fjellborga i ørkenen. Dei var djerve krigarar, væpna med skjold og spyd, menn som var vande med å kjempa. Dei såg ut som løver og var raske som gasellar på fjella.

<sup>9</sup> Den første var Eser, den andre Obadja, den tredje Eliab,

<sup>10</sup>den fjerde Misjman, den femte Jeremia,

<sup>11</sup>den sjette Attai, den sjuande Eliel,

<sup>12</sup>den åttande Johanan, den niande Elsabad,

<sup>13</sup>den tiande Jeremia og den ellefte Makbannai.

<sup>14</sup>Desse høyrde til Gad-stammen og var hærførarar. Den minste av dei stod over hundre, den største over tusen.

<sup>15</sup>Det var dei som kryssa Jordan i den første månaden, då elva gjekk over sine bredder. Dei dreiv alle som budde i dalen, på flukt, både mot aust og mot vest.

<sup>16</sup>Ein gong kom det nokre frå Benjamin og Juda til David i fjellborga.

<sup>17</sup> David gjekk ut til dei, tok til orde og sa: «Kjem de til meg i fredeleg ærend og vil hjelpa meg, så vil eg heilhjarta gjera felles sak med dykk. Men kjem de og vil svika meg og gje meg over til fiendane mine, endå mine hender ingen urett har gjort, måtte då våre fedrars Gud sjå det og straffa dykk!»

<sup>18</sup>Då kom Anden over Amasai, hovdingen for dei tretti, og han sa: Vi høyrer deg til, David, vi er med deg, Isais son. Fred, fred med deg og fred over hjelparane dine! For din Gud er din hjelpar. Då tok David imot dei og sette dei til hovdingar i flokken sin.

<sup>19</sup> Nokre frå Manasse gjekk òg over til David. Det var den gongen han gjekk med filistrane for å kjempa mot Saul. Men David vart ikkje til noka hjelp for dei. For filistarhovdingane rådslo og vart samde om å senda han bort. «Det kan kosta oss hovudet», sa dei, «om han går over til Saul, herren sin.»

<sup>20</sup>Då han så drog til Siklag, gjekk nokre frå Manasse over til han. Det var Adna, Josabad, Jediael, Mikael, Josabad, Elihu og Silletai. Dei var førarar for dei tusen som høyrde Manasse til.

<sup>21</sup> Dei hjelpte David mot røvarflokkane, for dei var djerpe krigarar alle saman, og dei vart hærførarar.

<sup>22</sup>Dag etter dag kom det folk til David og ville hjelpa han. Til sist vart det ein veldig hær.

<sup>23</sup> Dette er talet på dei våpenføre mennene som kom til David i Hebron og ville føra kongedømet over frå Saul til David, så som Herrenhadde sagt.

<sup>24</sup>Av Juda-stammen, menn som bar skjold og spyd, 6800 våpenføre menn,

<sup>25</sup>av Simon-stammen 7100 tapre krigarar;

<sup>26</sup>av Levi-stammen 4600 mann,

<sup>27</sup>dessutan Jojada, føraren for aronittane, med 3700 mann,

<sup>28</sup>og Sadok, ein ung og djerv krigar, med si slekt, til saman 22 førarar;

<sup>29</sup>av Benjamin-stammen, Sauls slektningar, 3000 mann; til då hadde storparten av dei vore i teneste for Sauls hus;

<sup>30</sup>av Efraim-stammen 20 800 djerve krigarar, namngjetne menn i familiane sine;

<sup>31</sup>av den eine halvparten av Manasse-stammen 18 000 mann som var utpeika til å fara av stad og gjera David til konge;

<sup>32</sup>av Jissakar-stammen 200 førarar, som hadde innsikt i å tyda tidene, så dei visste kva Israel skulle gjera, og alle slektningane som var under dei;

<sup>33</sup>av Sebulon-stammen 50 000 våpenføre menn. Dei var rusta med alle slag våpen, ei fylking som heilhjarta ville hjelpa;

<sup>34</sup>av Naftali-stammen 1000 førarar og med dei 37 000 mann som bar skjold og spyd;

<sup>35</sup>av Dan-stammen 28 600 menn rusta til kamp;

<sup>36</sup>av Asjer-stammen 40 000 våpenføre menn rusta til kamp;

<sup>37</sup>frå den andre sida av Jordan, av Ruben-stammen og Gad-stammen og den andre halvparten av Manasse-stammen, 120 000 mann. Dei var alle rusta til kamp med mange slags våpen.

<sup>38</sup>Alle desse krigarane kom i slutta orden til Hebron med fast vilje til å gjera David til konge over heile Israel. Og alle dei andre israelittane var òg samde om å gjera David til konge.

<sup>39</sup>I tre dagar var dei hos David. Dei åt og drakk; for landsmennene deira sytte vel for dei.

<sup>40</sup>Også frå grannelaget, ja, jamvel heilt frå Jissakar, Sebulon og Naftali, kom dei med mat på esel, kamelar, muldyr og oksar: mjøl, fikenkaker, rosinkaker, vin og olje og storfe og småfe i mengd. For no var det glede i Israel.

## 1. Krønikebok 13

### Då paktkista skulle hentast

<sup>1</sup>David samrørde seg med førarane for tusen mann og hundre mann, med alle befalingsmennene.

<sup>2</sup>Så sa han til heile Israels forsamling: «Om de synest det er rett, og om det er etter Herren vår Guds vilje, så lat oss senda bod vide ikring til brørne våre som er att i alle landsdelane av Israel, og samstundes til prestane og til levittane i byane deira med tilhøyrande beitemarker, og be dei koma saman hos oss.

<sup>3</sup>Så skal vi henta vår Guds paktkiste hit. For i dagane til Saul spurde vi aldri etter den.»

<sup>4</sup>Alle som var samla, sa at så skulle gjerast, for heile folket tykte dette var rett.

<sup>5</sup>Så samla David heile Israel frå Sjihor i Egypt til Lebo-Hamat for å føra Guds paktkiste opp frå Kirjat-Jearim.

<sup>6</sup>Saman med alle israelittane drog David til Baala, til Kirjat-Jearim, i Juda. Der ville han henta paktkista til Gud, kista som Herrens namn blir ropa ut over, han som tronar over kjerubane.

<sup>7</sup>Dei sette paktkista på ei ny vogn og førte henne frå Abinadabs hus. Det var Ussa og Ahjo som køyrde vogna.

<sup>8</sup>David og heile Israel dansa og leika av all kraft for Guds andlet, og dei song til tonar frå lyrer og harper, trommer, symbalar og trompetar.

<sup>9</sup>Men då dei kom til treskjevollen til Kidon, rette Ussa ut handa for å ta tak i paktkista fordi oksane var ustyrlege.

<sup>10</sup>Då vart Herren brennande harm på Ussa. Han slo han fordi han hadde rett ut handa mot paktkista, og han døydde der for Guds andlet.

<sup>11</sup>David var opprørt over Herrensplutselege utfall mot Ussa. Han kalla den staden Peres-Ussa, som han heiter den dag i dag.

<sup>12</sup>Den dagen vart David gripen av frykt for Gud og sa: «Korleis skulle eg kunna føra Guds paktkiste heim til meg?»

<sup>13</sup>Difor flytte han ikkje paktkista opp til seg i Davidsbyen, men sette henne i huset til Obed-Edom frå Gat.

<sup>14</sup>Der vart Guds paktkiste ståande i tre månader. Og Herren velsigna Obed-Edom sitt hus og alt det som hørde han til.

## 1. Krønikebok 14

### Davids hus og ætt

<sup>1</sup>Hiram, kongen i Tyros, sende nokre utsendingar til David. Dei kom med sedertre og hadde med seg steinhoggarar og tømrrarar. Dei skulle byggja eit slott for han.

<sup>2</sup>Då skjøna David at Herren hadde stadfest kongedømet hans over Israel, og at kongsveldet hadde vorte stort for hans folk Israels skuld.

<sup>3</sup>David tok seg fleire koner i Jerusalem, og han fekk endå fleire søner og døtrer.

<sup>4</sup>Dette er namna på dei sønene han fekk i Jerusalem: Sjammua, Sjobab, Natan, Salomo,

<sup>5</sup>Jibhar, Elisjua, Elpelet,

<sup>6</sup>Nogah, Nefeg, Jafia,

<sup>7</sup>Elisjama, Beeljada og Elifelet.

### David vann over filistrane

<sup>8</sup>Då filistrane hørde at David var salva til konge over heile Israel, drog dei alle ut og ville få tak i han. Men David fekk greie på det og drog ut mot dei.

<sup>9</sup>Filistrane kom og plyndra i Refa'im-dalen.

<sup>10</sup>Då spurde David Gud til råds: «Skal eg dra ut mot filistrane? Vil du gje dei i mine hender?» Og Herren svara: «Dra du; eg vil gje dei i dine hender.»

<sup>11</sup>Så drog dei opp til Baal-Perasim, og der slo David dei. Då sa han: «Gud har ved mi hand brote igjennom fiendens rekkjer, slik vatn bryt seg veg.» Difor kallar dei den staden Baal-Perasim.

<sup>12</sup>Der lét filistrane etter seg gudebiletta sine, og David sa at dei skulle brennast.

<sup>13</sup>Men filistrane kom att og spreidde seg ut over dalen.

<sup>14</sup>Då bad David Gud om råd igjen, og han svara: «Du skal ikkje følgja rett etter dei. Gå rundt dei, så du kjem på dei midt framfor baka-trea.

<sup>15</sup>Når du høyrer lyden av marsjgang over tretoppene, skal du gå til kamp. For då dreg Gud ut framfor deg for å slå filistarhæren.»

<sup>16</sup>David gjorde som Gud hadde sagt han. Dei slo filistarhæren og forfølgde han frå Gibeon til Geser.

<sup>17</sup>David's namn vart kjent i alle land, og Herren lét frykt for han koma over alle folkeslag.

## 1. Krønikebok 15

### Paktkista kjem til Jerusalem

<sup>1</sup>Sidan bygde kongen seg fleire hus i Davidsbyen. Han stelte til ein stad for Guds paktkiste og reiste eit telt for henne.

<sup>2</sup>Den gongen sa David: «Ingen andre enn levittane må bera Guds paktkiste; for dei har Herren valt ut til å bera paktkista og til å tena han for alltid.»

<sup>3</sup>Så samla David heile Israel i Jerusalem. Dei skulle vera med og føra Herrens paktkiste opp til den staden han hadde stelt til for henne.

<sup>4</sup>David kalla saman Aron-sønene og levittane:

<sup>5</sup>av Kehat-sønene Uriel, den øvste, og slektingane hans, 120 mann;

<sup>6</sup>av Merari-sønene Asaja, den øvste, og slektingane hans, 220 mann;

<sup>7</sup>av Gersjom-sønene Joel, den øvste, og slektingane hans, 130 mann;

<sup>8</sup>av Elisafan-sønene Sjemaja, den øvste, og slektingane hans, 200 mann;

<sup>9</sup>av Hebron-sønene Eliel, den øvste, og slektingane hans, 80 mann;

<sup>10</sup>av Ussiel-sønene Amminadab, den øvste, og slektingane hans, 112 mann.

<sup>11</sup>Så kalla David til seg prestane Sadok og Ebjatar og levittane Uriel, Asaja, Joel, Sjemaja, Eliel og Amminadab

<sup>12</sup>og sa til dei: «De er leiarar for familiane til levittane. Gjer dykk reine og heilage, både de og brørne dykkar, og før så paktkista til Herren, Israels Gud, opp til den staden eg har stelt i stand til henne.

<sup>13</sup>Det var fordi de ikkje var med førre gongen, at Herren braut laus mot oss, fordi vi ikkje søkte han på rett vis.»

<sup>14</sup>Så gjorde prestane og levittane seg reine og heilage for å føra opp Herren, Israels Gud si paktkiste.

<sup>15</sup>Og levittane bar henne på akslene sine etter berestengene, slik som Moses hadde pålagt dei etter Herrens ord.

<sup>16</sup>No sa David til dei øvste av levittane at dei skulle la songarane, brørne sine, gjera teneste med musikkinstrument, med harper, lyrer og symbalar. Dei skulle spela og la songen lyda høgt til glede og fest.

<sup>17</sup>Då lét levittane Heman, son til Joel, stiga fram, og av slektingane hans Asaf, son til Berekja, og av Merari-sønene, slektingane deira, Etan, son til Kusjaja.



<sup>18</sup>Saman med dei var slektningane deira av andre rang: Sakarja, Jaasiel, Sjemiramot, Jehiel, Unni, Eliab, Benaja, Maaseja, Mattitja, Eliflehu, Mikneja, Obed-Edom og Je'iel, dørvaktarane.

<sup>19</sup>Songarane Heman, Asaf og Etan skulle slå på bronsesymbalar.

<sup>20</sup> Sakarja, Asiel, Sjemiramot, Jehiel, Unni, Eliab, Maaseja og Benaja skulle spela på harpe etter «Alamot».

<sup>21</sup> Og Mattitja, Eliflehu, Mikneja, Obed-Edom, Je'iel og Asasja skulle spela på lyre etter «Sjeminit» for å styra songen.

<sup>22</sup>Kenanja var leiar for levittane som skulle bera paktkista. Han skulle leia flyttinga, for han var ein kunnig mann.

<sup>23</sup>Berekja og Elkana var dørvaktarar ved paktkista.

<sup>24</sup>Prestane Sjebanja, Josjafat, Netanel, Amasai, Sakarja, Benaja og Elieser bles i trompetar framfor Guds paktkiste, og Obed-Edom og Jehia var dørvaktarar ved kista.

<sup>25</sup> Så tok dei i veg, både David, tusenmannsførarane og dei eldste i Israel. Med jubel skulle dei føra Herrens paktkiste opp frå huset til Obed-Edom.

<sup>26</sup>Fordi Gud hjelpte levittane som bar Herrens paktkiste, ofra dei sju oksar og sju vêrar.

<sup>27</sup> David var kledd i ei kappe av fint lin. Det var også alle levittane som bar paktkista, og songarane og Kenanja, den øvste av songarane som skulle bera. David hadde òg på seg prestedrakt av lin.

<sup>28</sup>Så førte heile Israel Herrens paktkiste opp med jubelrop og støytar i bukkehorn, med musikk frå trompetar og symbalar, harper og lyrer.

<sup>29</sup>Slik gjekk det til då Herrens paktkiste vart boren inn i Davidsbyen. Men Mikal, dotter til Saul, såg ut gjennom vindauget og fekk auge på kong David som dansa og leika, og ho vanvørde han i hjartet.

## 1. Krønikebok 16

### Lovsongen til levittane

- <sup>1</sup>Dei førte Guds paktkiste inn og sette henne i det teltet som David hadde reist for henne, og dei bar fram brennoffer og fredsoffer for Gud.
- <sup>2</sup>Då David var ferdig med å bera fram brennofferet og fredsofferet, velsigna han folket i Herrens namn.
- <sup>3</sup>Så delte han ut eit rundt brød, ei daddelkake og ei rosinkake til alle israelittane, til kvar mann og kvinne.
- <sup>4</sup>Han sette nokre av levittane til å gjera teneste framfor Herrens paktkiste, til å påkalla, takka og lovsyngja Herren, Israels Gud.
- <sup>5</sup>Asaf var den øvste av dei, etter han kom Sakarja, så Asiel, Sjemiramot, Jehiel, Mattitja, Eliab, Benaja, Obed-Edom og Je'iel, alle med harper og lyrer. Asaf skulle slå på symbalane,
- <sup>6</sup>og prestane Benaja og Jahasiel skulle ha som fast oppgåve å blåsa i trompetar framfor paktkista.
- <sup>7</sup>Den dagen sette David for første gong Asaf og brørne hans til å prisa Herren:
- <sup>8</sup>Pris Herren, kall på hans namn, gjer gjerningane hans kjende blant folka!
- <sup>9</sup>Syng for han og spel for han, syng om alle hans under!
- <sup>10</sup>Ver stolte over hans heilage namn! Gled dykk i hjartet, de som søkjer Herren.
- <sup>11</sup>Spør etter Herren og hans makt, søk alltid hans andlet!
- <sup>12</sup>Kom i hug det underfulle han har gjort, teikna hans og lovene frå hans munn,
- <sup>13</sup>du ætt av Israel, hans tenar, Jakobs søner, som han har valt ut.
- <sup>14</sup>Han er Herren vår Gud, lovene hans gjeld over heile jorda.
- <sup>15</sup>Hugs hans pakt til evig tid, ordet han gav, i tusen slektsledd,
- <sup>16</sup>pakta han gjorde med Abraham, og eiden han svor til Isak.
- <sup>17</sup>Dette sette han opp som forskrift for Jakob, som ei evig pakt for Israel.
- <sup>18</sup>Han sa: «Eg gjev deg landet Kanaan til arv og eige.»

- 19 Der var de ein liten flokk, få og framande.
- 20 Dei vandra frå folk til folk, frå det eine riket til det andre.
- 21 Men han lét ingen få undertrykkja dei, han refsa kongar for deira skuld:
- 22 «Rør ikkje dei som eg har salva, gjer ikkje vondt mot mine profetar!»
- 23 Syng for Herren, all jorda! Forkynn hans frelse frå dag til dag!
- 24 Fortel mellom folkeslag om hans herlegdom, mellom alle folk om hans under!
- 25 For Herren er stor og verdig lov og pris, verd å frykta meir enn alle gudar.
- 26 Alle gudane til folka er avgudar. Det var Herren som skapte himmelen.
- 27 Høgd og herlegdom er framfor han, makt og glans på hans heilage stad.
- 28 Gjev Herren ære, de folk og slekter, gjev Herren ære og makt!
- 29 Gjev Herren den ære hans namn skal ha. Kom fram for han med gåver! Bøy dykk for Herren i heilag prakt!
- 30 Skjelv for han, all jorda! Verda står fast, ho kan ikkje rokkast.
- 31 Himmelen skal gleda seg, jorda skal jubla. Dei skal forkynna mellom folka at Herren er konge.
- 32 Havet og alt som fyller det, skal brusa. Marka skal jubla med alt ho ber.
- 33 Då ropar kvart tre i skogen av fryd for Herrens andlet, for han kjem for å dømme jorda.
- 34 Takk Herren, for han er god, evig varer hans miskunn!
- 35 De skal seia: Frels oss, Gud, vår frelsar. Sank oss inn og berg oss frå folka, så vi kan prisa ditt heilage namn og uredde lovsyngja deg.
- 36 Velsigna er Herren, Israels Gud, frå æve til æve! Og heile folket sa «amen» og prisa Herren.

### Tenesta ved paktkista

<sup>37</sup>David lét Asaf og songbrørne hans vera der framfor Herrens paktkiste. Dei skulle ha som fast oppgåve å gjera teneste framfor kista, som det var fastsett for kvar dag,

<sup>38</sup>og like eins Obed-Edom og brørne hans, sekstiåtte i alt. Obed-Edom, son til Jedutun, og Hosa skulle vera dørvaktarar.

<sup>39</sup>Men presten Sadok og prestebrørne hans lét han vera ved Herrens bustad på offerhøgda i Gibeon.

<sup>40</sup>Dei skulle ha som fast oppgåve å bera fram brennoffer for Herren på brennofferaltaret, både morgon og kveld, og gjera alt det som står skrive i den lova som Herren hadde gjeve Israel.

<sup>41</sup>Saman med dei skulle Heman og Jedutun og dei andre utvalde som er nemnde med namn, prisa Herren og seia: «Evig varer hans miskunn!»

<sup>42</sup>Hos Heman og Jedutun var det trompetar og symbalar til å spela på og andre instrument til songen i gudstenesta. Jedutun-sønene var dørvaktarar.

<sup>43</sup>Så gjekk heile folket heim att, kvar til sitt, og David vende heim for å velsigna sitt hus.

## 1. Krønikebok 17

### Herrens lovnad til David

<sup>1</sup>Ein dag David sat i huset sitt, sa han til profeten Natan: «Sjå, her bur eg i eit hus av sedertre, medan Herrens paktkiste står i eit telt.»

<sup>2</sup>Natan svara David: «Gjer alt som ligg deg på hjartet, for Gud er med deg.»

<sup>3</sup>Same natta kom Guds ord til Natan:

<sup>4</sup>Gå og sei til David, tenaren min: Så seier Herren: Du skal ikkje byggja det huset eg skal bu i.

<sup>5</sup>Eg har då ikkje budd i hus heilt frå den tid eg førte israhelittane hit opp, og til denne dag. Eg har vandra omkring frå telt til telt, frå bustad til bustad.

<sup>6</sup>Eg vandra ikring med israelittane og dommarane over Israel, som eg sette til å vakta folket mitt. Sa eg nokon gong til ein av dei: «Kvifor har ikkje de bygd eit hus av sedertre for meg?»

<sup>7</sup>No skal du seia til David, tenaren min: Så seier Herren over hærskarane: Eg henta deg frå beitemarka der du følgde saueflokken, og sette deg til fyrste over Israel, folket mitt.

<sup>8</sup>Eg var med deg kvar du gjekk, og utrydda alle fiendane dine for deg. Eg har gjort namnet ditt stort, som namnet til dei største på jorda.

<sup>9</sup>Eg vil stella til ein bustad for Israel, folket mitt, og planta det der. Dei skal få bu der og aldri bli uroa meir. Ugjerningsmenn skal ikkje lenger plaga dei som i gamle dagar.

<sup>10</sup>Slik har det vore frå den tid eg sette dommarar over Israel, folket mitt, og tvinga alle fiendane dine under deg. No kunngjer eg deg at Herren vil byggja eit hus for deg.

<sup>11</sup>Det skal henda når dine dagar er til ende og du fer til fedrane dine, at eg reiser opp din etterkomar, ein av sønene dine, til å følgja etter deg. Eg vil grunnfesta kongedømet hans.

<sup>12</sup>Han skal byggja eit hus for meg, og eg vil tryggja trona hans til evig tid.

<sup>13</sup>Eg vil vera far for han, og han skal vera son for meg. Mi miskunn vil eg ikkje ta frå han, så som eg gjorde med han som var før deg.

<sup>14</sup>Eg vil for alltid setja han over mitt hus og mitt rike, og kongsstolen hans skal stå støtt til evig tid.

<sup>15</sup>Alle desse orda og heile dette synet bar Natan fram for David.

### **David takkar Herren**

<sup>16</sup>Då gjekk kong David inn og sette seg for Herrens andlet. Han sa: Kven er vel eg, Herre Gud, og kva er mitt hus, sidan du har ført meg så langt?

<sup>17</sup>Og endå var dette for lite i dine auge, Gud. Du har gjeve huset til tenaren din lovnader langt fram i tida. Og du har sett på meg som på ein mann av høg rang, Herre Gud.

<sup>18</sup>Kva kan David leggja til den æra du har vist din tenar? Du kjenner då tenaren din.

<sup>19</sup>Herre, for din tenar skuld og etter ditt eige hjarte har du gjort alt dette store og kunngjort så store ting.

<sup>20</sup>Herre, det er ingen som du, og det finst ingen Gud utan du, etter alt vi har høyrte med våre eigne øyre.

<sup>21</sup> Kven er som Israel, folket ditt? Det er det einaste folket på jorda som Gud kom til og fria ut for å gjera til sitt eige folk. Med store og skremmande gjerningar skapte du deg eit namn då du dreiv bort folkeslag for folket ditt, som du fria ut av Egypt.

<sup>22</sup>Du sette Israel, folket ditt, til å vera ditt folk til evig tid. Og du, Herre, vart deira Gud.

<sup>23</sup>Lat no, Herre, det ordet du har tala om tenaren din og huset hans, stå fast til evig tid, og gjer som du har sagt!

<sup>24</sup>Ja, lat det stå fast! Då skal namnet ditt vera stort til evig tid, så folk kjem til å seia: Herren over hærskarane, Israels Gud, er Gud for Israel! Og huset til David, tenaren din, skal stå urokka for ditt andlet.

<sup>25</sup>For du, min Gud, har sagt til tenaren din at du vil byggja han eit hus. Difor har eg våga å be til deg.

<sup>26</sup>Og no, Herre, du er Gud, og du har gjeve tenaren din denne store lovnaden.

<sup>27</sup> Måtte du frå no av velsigna huset til tenaren din så det alltid må stå urokka for ditt andlet. For du, Herre, velsignar og er velsigna til evig tid.

## 1. Krønikebok 18

### David sigrar i krig

- <sup>1</sup>Ei tid etter dette slo David filistrane og tvinga dei under seg. Han tok frå dei Gat og småbyane ikring.
- <sup>2</sup>David vann over moabittane òg. Dei vart slavar for han og laut betala skatt.
- <sup>3</sup>Like eins vann David over Hadadeser, kongen av Soba, ved Hamat, då han drog ut for å vinna herredøme ved Euftrat.
- <sup>4</sup>David tok frå han 1000 vogner, 7000 ryttarar og 20 000 fotfolk. Han skar over hasane på alle vognhestane, men hundre hestar sparte han.
- <sup>5</sup>Aramearane i Damaskus kom og ville hjelpa Hadadeser, kongen av Soba. Men David felte 22 000 av dei.
- <sup>6</sup>David sette vaktpostar over aramearane i Damaskus. Dei vart slavar for David og laut betala skatt til han. Slik hjelpte Herren David kvar helst han fór fram.
- <sup>7</sup>David tok gullskjolda som mennene til Hadadeser hadde bore, og førte dei til Jerusalem.
- <sup>8</sup>Frå Tibhat og Kun, to byar som høyrde til Hadadeser, tok David bronse i store mengder. Av den laga Salomo bronsehavet, søylene og bronsekara.
- <sup>9</sup>Då To'u, kongen i Hamat, fekk høyra at David hadde vunne over heile hæren til Hadadeser, kongen i Soba,
- <sup>10</sup>sende han Hadoram, son sin, til kong David. Han skulle helsa han og ønskja han til lukke med sigeren over Hadadeser. For Hadadeser hadde støtt ført krig mot To'u. Hadoram hadde med seg gåver av gull, sølv og bronse.
- <sup>11</sup>Alt dette helga kong David til Herren saman med det sølvet og gullet han hadde teke frå alle dei andre folka, frå edomittane, moabittane, ammonittane, filistrane og amalekittane.
- <sup>12</sup>Det var Absjai, son til Seruja, som slo edomittane i Saltdalen, 18 000 mann.
- <sup>13</sup>Han sette vaktpostar i Edom, og alle edomittane vart slavar for David. Slik hjelpte Herren David kvar helst han fór fram.

<sup>14</sup>David rådde no over heile Israel. Han fremja rett og rettferd for heile folket sitt.

<sup>15</sup>Joab, son til Seruja, var hærførar, og Josjafat, son til Ahilud, var kanslar.

<sup>16</sup>Sadok, son til Ahitub, og Abimelek, son til Abjatar, var prestar og Sjavsva riksskrivar.

<sup>17</sup>Benaja, son til Jojada, hadde ansvar for kretarane og pletarane, og sønene til David var dei fremste hos kongen.

## 1. Krønikebok 19

### Krig med ammonittane og aramearane

<sup>1</sup>Ei tid seinare døydde Nahasj, kongen til ammonittane, og Hanun, son hans, vart konge etter han.

<sup>2</sup>Då sa David: «Eg vil gjera godt mot Hanun, son til Nahasj, for far hans gjorde godt mot meg.» Så sende David nokre utsendingar for å trøysta han i sorga over faren. Men då mennene til David kom til ammonittlandet og skulle trøysta Hanun,

<sup>3</sup>sa dei ammonittiske feltherrane til Hanun: «Trur du det er for å æra far din at David sender folk som skal trøysta deg? Nei, mennene hans er nok heller komne til deg for å spionera og utforska og endevenda landet.»

<sup>4</sup>Då greip Hanun mennene til David. Han barberte av dei skjegget, klipte kleda deira i to opp til baken og sende dei frå seg.

<sup>5</sup>Det kom folk til David og fortalde om mennene. Då sende han folk i møte med dei, for dei hadde vorte stygt vanæra. Kongen sa til dei: «Hald dykk i Jeriko til skjegget har vakse ut att. Så kan de koma heim.»

<sup>6</sup>Ammonittane skjøna at dei hadde gjort seg hata av David. Hanun og ammonittane sende 1000 talentar sølv for å leiga vogner og ryttarar frå aramearriket mellom elvane og frå aramearriket Maaka og frå Soba.



<sup>7</sup> Dei leigde seg 32 000 vogner og fekk med seg kongen i Maaka og krigsfolket hans. Alle desse kom og slo leir utanfor Medeba. Ammonittane samla seg òg frå byane sine og drog i hærferd.

<sup>8</sup> Då David høyrde dette, sende han Joab av stad med elitetroppane i hæren.

<sup>9</sup> Ammonittane drog ut og fylka seg til kamp framfor byporten. Men kongane som var komne dit, stod for seg sjølve på open mark.

<sup>10</sup> Då Joab såg at fienden truga både framanfrå og bakanfrå, valde han ut nokre av dei beste krigarane i Israel og stilte dei opp mot aramearane.

<sup>11</sup> Resten av hæren lét han Absjai, bror sin, få hand over, og dei fylka seg mot ammonittane.

<sup>12</sup> Så sa han: «Blir aramearane for sterke for meg, må du koma meg til hjelp; og blir ammonittane for sterke for deg, skal eg hjelpa deg.

<sup>13</sup> Ver sterk! Lat oss vera uredde i kampen for folket vårt og for byane til vår Gud, så får Herren gjera det som er best i hans auge.»

<sup>14</sup> Så gjekk Joab og mennene hans til åtak på aramearane, og dei flykta for han.

<sup>15</sup> Då ammonittane såg at aramearane rømde, flykta dei òg for Absjai, bror til Joab, og kom seg inn i byen. Då drog Joab tilbake til Jerusalem.

<sup>16</sup> Då aramearane såg at dei hadde tapt for israelittane, sende dei bodberarar til aramearane som budde på andre sida av Eufrat, og fekk dei til å ta ut. Sjofak, hærføraren til Hadadeser, førte dei.

<sup>17</sup> Då David fekk melding om dette, samla han heile Israel og sette over Jordan. Han kom mot dei og fylka hæren. David fylka hæren for å møte aramearane i krig. Og dei gjekk til åtak på han.

<sup>18</sup> Men aramearane måtte flykta for israelittane, og David drap mannskapet på 7000 av stridsvognene til aramearane og 40 000 mann av fotfolket. Sjofak, hærføraren, drap han òg.

<sup>19</sup>Då mennene til Hadadeser såg at dei hadde tapt for isrealittane, slutta dei fred med David og gav seg under han. Sidan ville ikkje aramearane hjelpe ammonittane meir.

## 1. Krønikebok 20

### Ny krig med ammonittane og filistrane

<sup>1</sup> Året etter, på den tid då kongane plar fara i krig, tok Joab ut med hærstyrken og herja ammonittlandet. Han kom til Rabba og kringsette byen. Sjølv sat David heime i Jerusalem. Men Joab tok Rabba og øydela byen.

<sup>2</sup> David tok krona av hovudet på kongen deira. Han fann ut at ho var av gull og edelstein, og at ho vog ein talent. No kom ho på Davids hovud. Frå byen tok han òg med seg eit stort hærfang.

<sup>3</sup> Folket som budde der, førte han bort. Han sette dei til å arbeida med sager, jernhakker og øksar. Slik gjorde David med alle ammonittbyane. Så fór han heim att til Jerusalem med heile hæren.

<sup>4</sup> Sidan braut det ut krig med filistrane ved Geser. Der felte husjitten Sibbekai ein mann som heitte Sippai og var ein av etterkomarane av refaittane. Og dei vart kua.

<sup>5</sup> Endå ein gong kom det til slag med filistrane, og Elhanan, son til Ja'ir, felte Lahmi, bror til Goliat frå Gat, som hadde eit spydskaft så tjukt som ein vevbom.

<sup>6</sup> Sidan kom det til slag ved Gat. Der var det ein kjempehøg mann som hadde seks fingrar på kvar hand og seks tær på kvar fot, tjuefire fingrar og tær i alt. Han hørde òg til Rafa-slekta.

<sup>7</sup> Mannen spotta Israel. Men Jonatan, son til Sjima, som var bror til David, hogg han ned.

<sup>8</sup> Desse mennene hørde til Rafa-slekta i Gat. David og mennene hans felte dei.

## 1. Krønikebok 21

### Folketeljning og pest

- <sup>1</sup> Satan stod opp mot Israel og lokka David til å halda folketeljning i landet.
- <sup>2</sup> Då sa David til Joab og hærførarane for folket: «Gå av stad og tel israelittane frå Beer-Sjeba til Dan, og lat meg få melding, så eg kan vita kor mange dei er.»
- <sup>3</sup> Joab svara: «Må Herren gjera folket hundre gonger så talrikt som det no er! Alle er dei dine tenarar, herre konge. Kvifor krev då min herre dette? Kvifor skal det koma skuld over Israel?»
- <sup>4</sup> Men kongen heldt fast på sitt ord til Joab. Då gjekk Joab ut, og han fór omkring i heile Israel og vende så attende til Jerusalem.
- <sup>5</sup> Joab la fram for David det talet folketeljninga hadde gjeve. I heile Israel var det 1 100 000 våpenføre menn, og i Juda 470 000 våpenføre menn.
- <sup>6</sup> Men levittane og benjaminittane hadde han ikkje teke med i teljinga; for Joab syntest det var eit avskyeleg påbod kongen hadde gjeve.
- <sup>7</sup> Det som hadde hendt, var vondt i Guds auge, difor slo han Israel.
- <sup>8</sup> Då sa David til Gud: «Eg gjorde ei stor synd då eg gjorde dette. Men ta no bort skulda til tenaren din, for eg har bore meg uvitug åt.»
- <sup>9</sup> Men Herrentala til Gad, sjåaren til David, og sa:
- <sup>10</sup> «Gå til David og sei: Så seier Herren: Tre ting legg eg fram for deg. Vel ein av dei, og eg vil la han ramma deg.»
- <sup>11</sup> Då gjekk Gad til David og sa til han: «Så seier Herren: Vel sjølv:
- <sup>12</sup> anten hungersnaud i tre år, eller tre månader på flukt frå fiendane dine medan sverdet deira har overtaket, eller tre dagar med Herrens sverd og pest i landet medan Herrens engel valdar øydelegging i heile Israel. Tenk no etter kva eg skal svara han som har sendt meg.»
- <sup>13</sup> David sa til Gad: «Eg er i stor naud. Lat meg helst falla i Herrens hand! For hans miskunn er stor. Men i menneskehand vil eg ikkje falla.»
- <sup>14</sup> Då lét Herren pesten koma over Israel, og det døydde sytti tusen mann av folket.

**15** Gud sende ein engel til Jerusalem for å øydeleggja byen. Men då han var i ferd med å gjera det, såg Herren det, og han angra det vonde. Han sa til engelen som herja: «Det er nok! Ta no handa til deg att!» Herrens engel stod då på treskjevollen til jebusitten Ornan.

**16** Då David såg opp, fekk han auge på Herrens engel som stod mellom himmel og jord med eit lyft sverd i handa. Det var retta mot Jerusalem. Då kasta David og dei eldste seg til jorda, kledde i sekkestrie.

**17** Og David sa til Gud: «Det var eg som sa at folket skulle teljast! Eg er den som har synda og gjort vondt. Men desse, som eg er gjetar for, kva har dei gjort? Herre, min Gud, lat handa di ramma meg og huset til far min, men spar folket ditt for landeplaga!»

**18** Då sa Herrens engel til Gad at han skulle be David gå opp til treskjevollen til jebusitten Ornan og reisa eit altar for Herren der.

**19** Så gjekk David opp dit, slik Gad hadde sagt i Herrens namn.

**20** Ornan snudde seg og fekk sjå engelen. Dei fire sønene som var med han, gøymde seg, men Ornan heldt fram med å treskja kveite.

**21** Då David kom, såg Ornan opp og fekk auge på David. Han gjekk bort frå treskjevollen og kasta seg ned for David med andletet mot jorda.

**22** David sa til han: «Gjev meg staden der treskjevollen er. Eg vil byggja eit altar for Herren der. Lat meg få han for full pris, så pesten kan halda opp å herja i folket.»

**23** Då sa Ornan til David: «Ta han berre! Min herre kongen må gjera kva han vil. Sjå, eg gjev deg oksane til brennoffer, treskjesledane til ved og kveiten til grødeoffer. Alt dette gjev eg.»

**24** Men kong David sa til Ornan: «Nei, eg vil kjøpa det til full pris. Eg vil ikkje ta det som er ditt og gje det til Herren. Eg vil ikkje bera fram brennoffer som eg har fått for inkje.»

**25** David gav Ornan 600 sjekel gull etter vekt for staden.

<sup>26</sup> Der bygde David eit altar for Herren og bar fram brennoffer og fredsoffer. Han ropa til Herren, og han svara med eld frå himmelen over brennofferaltaret.

<sup>27</sup> Herren tala til engelen, og han stakk sverdet i slira att.

<sup>28</sup> På den tida, då David såg at Herren hadde høyrte bøna hans på treskjevollen til jebusitten Ornan, ofra han der.

<sup>29</sup> Herrens bustad, som Moses hadde fått laga i ørkenen, og brennofferaltaret stod den gongen på offerhaugen i Gibeon.

<sup>30</sup> Men David kunne ikkje gå dit og søkja råd hos Gud, for han frykta sverdet til Herrensengel.

## **1. Krønikebok 22**

<sup>1</sup> Då sa David: «Her skal Herren Guds hus stå, og her skal Israel ha sitt brennofferaltar.»

### **Salomo skal byggja tempelet**

<sup>2</sup> Så baud David at innflyttarane som budde i Israel, skulle samlast. Han peika ut steinhoggarar til å hogga ut steinblokker som Guds hus skulle byggjast av.

<sup>3</sup> David gjorde klar ei mengd med jern til spikrar i portdørene og til bindhakar, så mykje bronse at han ikkje kunne vegast,

<sup>4</sup> og tallause sederbjelkar. For mennene frå Sidon og Tyros førte sedertre i mengd til David.

<sup>5</sup> David sa: «Salomo, son min, er ung og urøynd, men huset som skal byggjast for Herren, må gjerast så stort og staseleg at det blir kjent og heidra i alle land. Difor vil eg gjera førebuingar for han.» Og David gjorde store førebuingar før han døydde.

<sup>6</sup> Så kalla han til seg Salomo, son sin, og påla han å byggja eit hus for Herren, Israels Gud.

<sup>7</sup> David sa til han: Son, av heile mitt hjarte ønskte eg å byggja eit hus for namnet til Herren min Gud.

<sup>8</sup>Men Herrens ord kom til meg: «Mykje blod har du aust ut, og store krigar har du ført. Du skal ikkje byggja noko hus for mitt namn, for du har aust ut mykje blod på jorda for mitt andlet.

<sup>9</sup>Sjå, du skal få ein son som skal vera ein fredens mann. Eg vil la han få fred for alle fiendar rundt ikring. Salomo skal han heita, og i hans dagar vil eg gje Israel fred og ro.

<sup>10</sup>Han skal byggja eit hus for namnet mitt. Han skal vera ein son for meg, og eg skal vera ein far for han. Eg vil tryggja kongsstolen hans i Israel til evig tid.»

<sup>11</sup>Og no, min son, måtte Herren vera med deg! Måtte du lukkast med å byggja huset til Herren din Gud, slik som han har sagt om deg.

<sup>12</sup>Måtte Herren gje deg forstand og innsikt når han set deg over Israel, så du held lova til Herren din Gud!

<sup>13</sup>Då skal du lukkast, om du legg vinn på å halda dei forskriftene og boda som Herren gav Israel gjennom Moses. Ver modig og sterk! Ver ikkje redd og mist ikkje motet!

<sup>14</sup>Sjå, med strev har eg samla til Herrens hus hundre tusen talentar gull, ein million talentar sølv, og bronse og jern i slike mengder at ingen kan vega det. Tre og stein har eg òg skaffa, og meir kan du sjølv leggja til.

<sup>15</sup>Arbeidsfolk har du i mengder: steinhoggarar, murarar og tømrrarar, dyktige folk til allslags arbeid.

<sup>16</sup>På gull, sølv, bronse og jern finst det ikkje ende. Gå til verket! Måtte Herren vera med deg!

<sup>17</sup>David påla alle leiarane i Israel å hjelpa Salomo, son hans:

<sup>18</sup>«Herren dykkar Gud er med dykk og har gjeve dykk fred på alle kantar. Han har gjeve dei som budde i landet, i mine hender, og landet er lagt under Herren og folket hans.

<sup>19</sup>Så legg no hjarte og hug i å søkja Herrendykkar Gud! Gå i gang med å byggja heilagdomen for Herren Gud. Så kan de føra Herrens paktkiste og det heilage utstyret inn i det huset som skal byggjast for Herrens namn.»

## 1. Krønikebok 23

### Levittane får kvar sine gjeremål

<sup>1</sup>Då David var gammal og mett av dagar, sette han Salomo, son sin, til konge over Israel.

<sup>2</sup>Han samla alle leiarane i Israel og prestane og levittane.

<sup>3</sup>Levittane som var tretti år eller meir, vart talde. Talet på menn, talde ein for ein, var 38 000.

<sup>4</sup>Av desse skulle 24 000 leia arbeidet på Herrens hus, og 6000 skulle vera tilsynsmenn og dommarar.

<sup>5</sup>4000 skulle vera dørvaktarar, og 4000 skulle lovsyngja Herren til tonar frå instrument som David hadde fått laga til lovsongen.

<sup>6</sup>David delte dei inn i skift etter Levi-sønene Gersjon, Kehat og Merari.

<sup>7</sup>Til Gersjon-sønene høyrde Ladan og Sjimi.

<sup>8</sup>Sønene til Ladan var Jehiel, som var den fremste, og Setam og Joel, tre i alt.

<sup>9</sup>Sønene til Sjimi var Sjelomot, Hasiel og Haran, tre i alt. Det var leiarane for Ladan-familiane.

<sup>10</sup>Sønene til Sjimi var Jahat, Sisa, Je'usj og Beria. Det var Sjimi-sønene, fire i alt.

<sup>11</sup>Jahat var leiar, Sisa den neste. Je'usj og Beria hadde ikkje mange søner. Difor vart dei rekna som éin familie, og dei vart mønstra under eitt.

<sup>12</sup>Sønene til Kehat var Amram, Jishar, Hebron og Ussiel, fire i alt.

<sup>13</sup>Sønene til Amram var Aron og Moses. Aron vart utskild, så han og sønene hans til alle tider skulle vigsla det høgheilage, tenna offereld for Herrens andlet, tena han og lysa velsigning i hans namn til evig tid.

- <sup>14</sup>Moses var ein Guds mann. Sønene hans vart rekna til Levi-stammen.
- <sup>15</sup>Sønene til Moses var Gersjom og Elieser.
- <sup>16</sup>Gersjom hadde sonen Sjubael, som var leiar.
- <sup>17</sup>Son til Elieser, Rehabja, var leiar. Elieser hadde ikkje andre søner, men sønene til Rehabja var talrike.
- <sup>18</sup>Jishar hadde sonen Sjelomit, som var leiar.
- <sup>19</sup>Av Hebron-sønene var Jeria leiar; den andre var Amarja, den tredje Jahasiel og den fjerde Jekamam.
- <sup>20</sup>Av Ussiel-sønene var Mika leiar, og Jisjia var den neste.
- <sup>21</sup>Merari-sønene var Mahli og Musji. Sønene til Mahli var Elasar og Kisj.
- <sup>22</sup>Elasar døydde; han hadde ingen søner, berre døtrer. Og sønene til Kisj, slektningane deira, tok dei til koner.
- <sup>23</sup>Sønene til Musji var Mahli, Eder og Jeremot, tre i alt.
- <sup>24</sup>Dette var Levi-sønene, familie for familie, med leiarane sine, som vart talde og nemnde med namn, ein for ein. Dei var det som stelte med tenesta i Herrens hus, og det gjorde dei frå tjueårsalderen og oppover.
- <sup>25</sup>For David sa: «Herren, Israels Gud, har gjeve folket sitt fred, og han vil bu i Jerusalem til evig tid.
- <sup>26</sup>Difor treng ikkje levittane meir å bera bustaden og alt utstyret som høyrer med til tenesta der.»
- <sup>27</sup>Noko av det siste David gjorde, var å telja levittane som var tjue år eller meir.
- <sup>28</sup>Deira oppgåve var å hjelpa aronittane med tenesta i Herrens hus, i føregardane og sideromma, med reinsinga av alt det heilage utstyret og med tenesta som skulle gjerast i Guds hus.



<sup>29</sup> Dei skulle stella med skodebrøda, det fine mjølet til grødeofferet, dei usyra flate brøda, med det som blir steikt på helle, og med deigen som blir knadd; dei skulle òg sjå etter alle holsmål og lengdemål.

<sup>30</sup>Kvar morgon skulle dei stå og takka og lovsyngja Herren, like eins kvar kveld.

<sup>31</sup> Dei skulle hjelpa til kvar gong det vart bore fram brennoffer for Herren, så mange offer som var fastsette for kvar sabbat, nymånedag og høgtid, og alltid stå for Herrens andlet.

<sup>32</sup>Såleis skulle dei ha ansvar for teltheilagdomen og tempelet og hjelpa brørne sine, aronittane, når dei gjorde teneste i Herrens hus.

## **1. Krønikebok 24**

### **Prestane blir inndelte i skift**

<sup>1</sup>Aronittane òg vart inndelte i skift. Sønene til Aron var Nadab og Abihu, Elasar og Itamar.

<sup>2</sup>Men Nadab og Abihu døydde før far sin, og dei hadde ingen søner. Difor vart berre Elasar og Itamar prestar.

<sup>3</sup>Saman med Sadok av Elasar-sønene og Ahimelek av Itamar-sønene delte David dei inn i grupper etter den tenesta dei skulle ha.

<sup>4</sup>Då det viste seg at Elasar-sønene hadde fleire leiarar enn Itamar-sønene, delte dei inn slik at Elasar-sønene fekk seksten leiarar for sine familiar og Itamar-sønene åtte for sine familiar.

<sup>5</sup>Begge vart inndelte ved loddkasting. For det fanst leiarar for heilagdomen, leiarar for Gud, både mellom Elasar-sønene og Itamar-sønene.

<sup>6</sup>Skrivaren Sjemaja, son til Netanel, ein av levittane, skreiv dei opp i nærvær av kongen og stormennene, presten Sadok og Ahimelek, son til Ebjatar, og leiarane for familiane til prestane og levittane. Ein familie frå Elasar-slekta og ein familie frå Itamar-slekta vart tekne ut skiftevis.

<sup>7</sup>Det første loddet fall på Jojarib, det andre på Jedaja,

- <sup>8</sup>det tredje på Harim, det fjerde på Seorim,  
<sup>9</sup>det femte på Malkia, det sjette på Mijamin,  
<sup>10</sup> det sjuande på Hakkos, det åttande på Abia,  
<sup>11</sup>det niande på Jesjua, det tiande på Sjekanja,  
<sup>12</sup>det ellevte på Eljasjib, det tolvte på Jakim,  
<sup>13</sup>det trettande på Huppa, det fjortande på Jesjebab,  
<sup>14</sup>det femtande på Bilga, det sekstande på Immer,  
<sup>15</sup>det syttande på Hesir, det attande på Happisses,  
<sup>16</sup>det nittande på Petahja, det tjuande på Jeheskel,  
<sup>17</sup>det tjueførste på Jakin, det tjuemandre på Gamul,  
<sup>18</sup>det tjuetredje på Delaja og det tjuefjerde på Maasja.  
<sup>19</sup>Dette var dei gruppene dei skulle vera inndelte i når dei kom og gjorde teneste i Herrens hus etter den ordninga dei hadde fått frå Aron, stamfar sin, slik Herren, Israels Gud, gav han påbod om.

#### **Andre levittar**

- <sup>20</sup>Dei andre levittane var: av Amram-sønene Sjubael, av Sjubael-sønene Jehdeja;  
<sup>21</sup>av Rehabja, det vil seia Rehabja-sønene, Jisjia, som var leiar;  
<sup>22</sup>av Jishar-sønene Sjelomot, av Sjelomot-sønene Jahat;  
<sup>23</sup> av Hebron-sønene Jeria, den andre var Amarja, den tredje Jahasiel og den fjerde Jekamam;  
<sup>24</sup>av Ussiel-sønene Mika, av Mika-sønene Sjamir  
<sup>25</sup>– bror til Mika var Jisjia; av Jisjia-sønene Sakarja;  
<sup>26</sup>av Merari-sønene Mahli og Musji – mellom sønene hans var Jaasia òg,  
<sup>27</sup>og etterkomarar av Merari gjennom Jaasia, son hans, var Sjoham, Sakkur og Ibri;

<sup>28</sup>Elasar, son til Mahli, hadde ingen søner.

<sup>29</sup>Til Kisj, det vil seia sønene til Kisj, høyrde Jerahmeel.

<sup>30</sup>Sønene til Musji var Mahli, Eder og Jerimot. Dette var Levi-sønene, familie for familie.

<sup>31</sup>Dei kasta òg lodd, som aronittane, brørne sine, i nærvær av kong David, Sadok og Ahimelek og leiarane for familiare til prestane og levittane, med same vilkår for dei fremste familiare som for dei ringaste.

## 1. Krønikebok 25

### Songarane

<sup>1</sup>David og hærførarane skilde ut sønene til Asaf, Heman og Jedutun for tempeltenesta. Dei var profetar som spela på lyre, harpe og symbalar. Dette er lista over dei mennene som stod for denne tenesta:

<sup>2</sup>av Asaf-sønene: Sakkur, Josef, Netanja og Asarela, sønene til Asaf, under leiing av Asaf, som profeterte på oppdrag frå kongen;

<sup>3</sup>av Jedutun, det vil seia sønene til Jedutun: Gedalja, Seri, Jesaja, Hasjabja og Mattitja, seks i alt, under leiing av Jedutun, far deira, som profeterte til Herrens lov og pris på lyre;

<sup>4</sup>av Heman, det vil seia sønene til Heman: Bukkia, Mattanja, Ussiel, Sjubael, Jerimot, Hananja, Hanani, Eliata, Giddalti, Romamti-Eser, Josjbekasja, Malloti, Hotir og Mahasiot.

<sup>5</sup>Alle var dei søner av Heman, sjåaren til kongen. Han hadde Gud lova stor kraft. Difor gav han Heman fjorten søner og tre døtrer.

<sup>6</sup>Alle desse stod under leiing av far sin når dei song ved gudstenesta i Herrens hus til tonane frå symbalar, harper og lyrer. Asaf, Jedutun og Heman stod under leiing av kongen.

<sup>7</sup>Talet på dei og brørne deira som var opplærte til å syngja for Herren, var 288, dugande songarar alle saman.

<sup>8</sup> Dei kasta lodd om vaktordninga etter prinsippet «liten som stor, meisteren som læresveinen».

<sup>9</sup> Det første loddet fall på Josef av Asaf-slekta; det andre på Gedalja, han sjølv og brørne og sønene hans, tolv i alt;

<sup>10</sup> det tredje på Sakkur med søner og brør, tolv i alt;

<sup>11</sup> det fjerde fall på Jisri med søner og brør, tolv i alt;

<sup>12</sup> det femte på Netanja med søner og brør, tolv i alt;

<sup>13</sup> det sjette på Bukkia med søner og brør, tolv i alt;

<sup>14</sup> det sjuande på Jesarela med søner og brør, tolv i alt;

<sup>15</sup> det åttande fall på Jesaja med søner og brør, tolv i alt;

<sup>16</sup> det niande på Mattanja med søner og brør, tolv i alt;

<sup>17</sup> det tiande på Sjimi med søner og brør, tolv i alt;

<sup>18</sup> det ellevte på Asarel med søner og brør, tolv i alt;

<sup>19</sup> det tolvte fall på Hasjabja med søner og brør, tolv i alt;

<sup>20</sup> det trettande på Sjubael med søner og brør, tolv i alt;

<sup>21</sup> det fjortande på Mattitja med søner og brør, tolv i alt;

<sup>22</sup> det femtande på Jeremot med søner og brør, tolv i alt;

<sup>23</sup> det sekstande fall på Hananja med søner og brør, tolv i alt;

<sup>24</sup> det syttande på Josjbekasja med søner og brør, tolv i alt;

<sup>25</sup> det attande på Hanani med søner og brør, tolv i alt;

<sup>26</sup> det nittande på Malloti med søner og brør, tolv i alt;

<sup>27</sup> det tjuande fall på Eliata med søner og brør, tolv i alt;

<sup>28</sup> det tjuetredje på Hotir med søner og brør, tolv i alt;

<sup>29</sup> det tjuende på Giddalti med søner og brør, tolv i alt;

<sup>30</sup> det tjuetredje på Mahasiot med søner og brør, tolv i alt,

<sup>31</sup>og det tjuelfjerde loddet fall på Romamti-Eser med søner og brør, tolv i alt.

## 1. Krønikebok 26

### Portvaktene

<sup>1</sup>Avdelingane til portvaktene: Til Korah-sønene høyrde Mesjelemja, son til Kore, av Asaf-slekta.

<sup>2</sup>Mesjelemja fekk søner. Sakarja var den førstefødde, Jediael den andre, Sebadja den tredje, Jatniel den fjerde,

<sup>3</sup>Elam den femte, Johanan den sjette og Eljoenai den sjuande.

<sup>4</sup>Obed-Edom fekk søner. Sjemaja var den førstefødde, Josabad den andre, Joah den tredje, Sakar den fjerde, Netanel den femte,

<sup>5</sup>Ammiel den sjette, Jissakar den sjuande og Peulletai den åttande; for Gud hadde velsigna han.

<sup>6</sup>Sjemaja, son hans, fekk òg søner, som vart dei rådande i sin familie; for dei var djerve krigarar.

<sup>7</sup>Sønene til Sjemaja var: Otni, Refael og Obed, Elsabad og brørne hans, Elihu og Semakja, som var dugande menn.

<sup>8</sup>Alle desse var etterkomarar av Obed-Edom. Både dei og sønene og brørne deira var dugande og sterke menn som høvde vel til tenesta. I alt hadde Obed-Edom 62 etterkomarar.

<sup>9</sup>Mesjelemja hadde søner og brør, atten dugande menn.

<sup>10</sup>Hosa av Merari-slekta hadde desse sønene: Sjimri var leiar; han var ikkje den førstefødde, men faren sette han likevel til leiar;

<sup>11</sup>den andre var Hilkia, den tredje Tebalja og den fjerde Sakarja. I alt hadde Hosa tretten søner og brør.

<sup>12</sup>Dette var avdelingane til portvaktene, nemnde etter leiarane for mennene. Dei skulle gjera vaktteneste i Herrens hus på same måten som brørne sine.

<sup>13</sup> Dei kasta lodd om kvar port, familie for familie; alle stod likt, liten som stor.

<sup>14</sup>Loddet for austporten fall på Sjelemja. Dei kasta òg lodd for Sakarja, son hans, som var ein klok rådgjevar, og nordporten vart hans.

<sup>15</sup>Obed-Edom fekk sørporten, og sønene hans fekk lagerromma.

<sup>16</sup>Sjuppim og Hosa fekk vestsida med Sjalleket-porten, der hovudvegen går oppover. Slik stod dei vakt etter vakt:

<sup>17</sup>På austersida stod seks levittar, på nordsida stod fire kvar dag, på sørsida fire kvar dag og ved lagerromma to og to.

<sup>18</sup>Ved føregarden mot vest stod fire attmed hovudvegen og to attmed sjølve føregarden.

<sup>19</sup>Dette var avdelingane til portvaktene, dei høyrde til Korah-slekta og Merari-slekta.

### **Tilsynsmenn og dommarar**

<sup>20</sup> Andre levittar: Ahia hadde ansvar for skattkammera i Guds hus og for alt som var vigd til Herren.

<sup>21</sup>Ladan-sønene, etterkomarane av gersjonittane gjennom Ladan, leiarar for familiane til gersjonitten Ladan, Jehielittane:

<sup>22</sup>Sønene til Jehiel, Setam og Joel, bror hans, hadde ansvaret for skattkammera i Herrens hus.

<sup>23</sup>Av slektene til Amram, Jishar, Hebron og Ussiel

<sup>24</sup>var det Sjubael, son til Gersjom, son til Moses, som var øvste tilsynsmannen over skattkammera.

<sup>25</sup>Slektningane hans frå Elieser var Rehabja, son hans, hans son Jesaja, hans son Joram, hans son Sikri og hans son Sjelomot.

<sup>26</sup>Denne Sjelomot og brørne hans hadde ansvaret for skattane som var helga til Herren, dei som kong David og leiarane for familiane mellom

tusenmannsførarane, hundremannsførarane og dei andre hærførarane hadde helga.

<sup>27</sup>Av krigsbyttet hadde dei helga noko for å setja Herrens hus i stand.

<sup>28</sup>Og alt det som Samuel, sjåaren, Saul, son til Kisj, Abner, son til Ner, og Joab, son til Seruja, hadde helga, alle dei heilage gåvene hadde Sjelomot og brørne hans tilsyn med.

<sup>29</sup>Av Jishar-slekta vart Kenanja og sønene hans sette til å arbeida utanfor heilagdomen, som tilsynsmenn og dommarar i Israel.

<sup>30</sup>Hasjabja av Hebron-slekta og brørne hans, 1700 dugande menn, hadde tilsyn med Israel på den andre sida av Jordan, i alt som hadde med arbeidet for Herren og tenesta for kongen å gjera.

<sup>31</sup>Til Hebron-slekta høyrde òg Jeria, som ifølgje slektshistoria var leiar for familiane til hebronittane. I det førtiande styringsåret til David vart det gjort ei undersøking, og det vart funne djerve krigarar mellom dei i Jaser i Gilead.

<sup>32</sup>Slektningane hans, 2700 dugande menn, var leiarar for familiane sine. Kong David sette dei over Ruben-stammen, Gad-stammen og halve Manasse-stammen til å ta seg av alt det som hadde med Gud og kongen å gjera.

## 1. Krønikebok 27

### Hærførarane til David

<sup>1</sup>Dette er ei liste over leiarane for familiane til israelittane, tusenmannsførarane og hundremannsførarane og tilsynsmennene som tente kongen i alt det som hadde med hæravdelingane å gjera. Dei avløyste kvarandre månad for månad gjennom heile året. Kvar avdeling var på 24 000 mann.

<sup>2</sup>Jasjobam, son til Sabdiel, hadde ansvaret for den første avdelinga, som gjorde teneste i den første månaden. Avdelinga hans var på 24 000 mann.

<sup>3</sup>Han var ein etterkomar av Peres og var overhovud for alle dei hærførarane som gjorde teneste i den første månaden.

<sup>4</sup>Dodai frå Ahoah hadde ansvaret for avdelinga som gjorde teneste i den andre månaden, og Miklot var ein av førarane. Avdelinga hans var på 24 000 mann.

<sup>5</sup>Den tredje hærføraren, som gjorde teneste i den tredje månaden, var Benaja, son til hovudpresten Jojada. Avdelinga hans var på 24 000 mann.

<sup>6</sup>Denne Benaja var ein helt mellom dei tretti og stod over dei. Ammisabad, son hans, var òg med i avdelinga hans.

<sup>7</sup>Den fjerde, som gjorde teneste i den fjerde månaden, var Asael, bror til Joab, og etter han Sebadja, son hans. Avdelinga hans var på 24 000 mann.

<sup>8</sup>Den femte, som gjorde teneste i den femte månaden, var hærføraren Sjamhut, ein av Serah-sønene. Avdelinga hans var på 24 000 mann.

<sup>9</sup>Den sjette, som gjorde teneste i den sjette månaden, var Ira, son til Ikkesj, frå Tekoa. Avdelinga hans var på 24 000 mann.

<sup>10</sup>Den sjuande, som gjorde teneste i den sjuande månaden, var Heles frå Pelon, av Efraim-stammen. Avdelinga hans var på 24 000 mann.

<sup>11</sup>Den åttande, som gjorde teneste i den åttande månaden, var Sibbekai frå Husja, ein av Serah-sønene. Avdelinga hans var på 24 000 mann.

<sup>12</sup>Den niande, som gjorde teneste i den niande månaden, var Abieser frå Anatot, av Benjamin-stammen. Avdelinga hans var på 24 000 mann.

<sup>13</sup>Den tiande, som gjorde teneste i den tiande månaden, var Mahrai frå Netofa, av Serah-sønene. Avdelinga hans var på 24 000 mann.

<sup>14</sup>Den ellevte, som gjorde teneste i den ellevte månaden, var Benaja frå Piraton, av Efraim-stammen. Avdelinga hans var på 24 000 mann.

<sup>15</sup>Den tolvte, som gjorde teneste i den tolvte månaden, var Heldai frå Netofa, av Otniel-slekta. Avdelinga hans var på 24 000 mann.

### **Overhovud for stammene**

<sup>16</sup>Overhovuda for stammene i Israel var: for Ruben-stammen Elieser, son til Sikri; for Simon-stammen Sjefatja, son til Maaka;



<sup>17</sup>for Levi Hasjabja, son til Kemuel; for Aron Sadok;

<sup>18</sup>for Juda Elihu, ein av brørne til David; for Jissakar Omri, son til Mikael;

<sup>19</sup>for Sebulon Jisjmaja, son til Obadja; for Naftali Jerimot, son til Asriel;

<sup>20</sup>for Efraim-sønene Hosea, son til Asasja; for den eine halvparten av Manasse-stammen Joel, son til Pedaja;

<sup>21</sup>for den andre halvparten av Manasse-stammen, den i Gilead, Jiddo, son til Sakarja; for Benjamin Jaasiel, son til Abner;

<sup>22</sup>for Dan Asarel, son til Jeroham. Dette var overhovuda for stammene i Israel.

<sup>23</sup> David talde ikkje dei som var under tjue år. For Herren hadde sagt at han ville la israelittane bli talrike som stjernene på himmelen.

<sup>24</sup>Joab, son til Seruja, tok til å telja, men fullførte ikkje, for det kom vreide over Israel på grunn av dette. Talet vart ikkje oppskrive i krønikeboka til kong David.

### **Embetsmenn**

<sup>25</sup>Asmavet, son til Adiel, hadde tilsyn med skattkammera til kongen, og Jonatan, son til Ussia, med skattkammera ute på landet, i byar, landsbyar og festningstårn.

<sup>26</sup>Esri, son til Kelub, hadde ansvaret for dei som arbeidde på marka og dyrka jorda.

<sup>27</sup>Sjimi frå Rama hadde ansvaret for vinmarkene og Sabdi frå Sjefam for vinlagera.

<sup>28</sup>Baal-Hanan frå Geder hadde ansvaret for oliventrea og morbærtrea i låglandet og Joasj for oljelagera.

<sup>29</sup>Sjitrai frå Saron hadde ansvaret for storfeet som gjekk på beite i Saron, og Sjafat, son til Adlai, for storfeet i dalane.

<sup>30</sup>Obil frå Ismael hadde ansvaret for kamelane, Jehdeja frå Meronot for eselhoppene

<sup>31</sup>og Jasis, hagritten, for småfeet. Alle desse var forvaltarar over eigedomane til kong David.

<sup>32</sup>Jonatan, onkelen til David, var rådgjevar. Han var skrivar og ein forstandig mann. Jehiel, son til Hakmoni, tok seg av kongssønene.

<sup>33</sup>Ahitofel var rådgjevaren til kongen, og Husjai av Arak-slekta var venen til kongen.

<sup>34</sup>Etter Ahitofel kom Jojada, son til Benaja, og Ebjatar. Joab var hærføraren til kongen.

## 1. Krønikebok 28

### Salomo skal byggja Herrens hus

<sup>1</sup>David kalla saman alle Israels leiarar i Jerusalem: leiarane for stammane, førarane for avdelingane som var i teneste hos kongen, tusenmannsførarane og hundremannsførarane, og forvaltarane som hadde ansvaret for eigedomane og buskapen til kongen og sønene hans, og like eins hoffmennene, heltane og alle dei djerve krigarane.

<sup>2</sup>Då steig kong David fram og sa: Høyr på meg, brørne mine og folket mitt! Av hjartet ønskte eg å byggja eit hus til kvilestad for Herrens paktkiste, for fotskammelen til vår Gud. Eg tok til å førebu bygginga.

<sup>3</sup>Men Gud sa til meg: «Du skal ikkje byggja eit hus for namnet mitt; for du er ein krigar som har aust ut blod.»

<sup>4</sup>Av heile farshuset mitt har Herren, Israels Gud, valt meg til å vera konge over Israel for alle tider. Han valde Juda til fyrste, og innanfor Juda valde han farshuset mitt. Mellom sønene til far min var det meg han ønskte og gjorde til konge over heile Israel.

<sup>5</sup>Og av alle sønene mine – for Herren har gjeve meg mange søner – har han valt ut Salomo, son min, til å sitja på Herrens kongsstol over Israel.

<sup>6</sup>Han sa til meg: «Det er Salomo, son din, som skal byggja huset mitt og føregardane mine. For han har eg valt ut til å vera ein son for meg, og eg skal vera ein far for han.

<sup>7</sup>Eg vil grunnfesta kongedømet hans til evig tid, så sant han av all kraft held boda og lovene mine, som han gjer det i dag.»

<sup>8</sup>Og no seier eg i nærvær av heile Israel, Herrens forsamling, og medan vår Gud høyrer på: Hald og gransk alle boda til Herren dykkar Gud! Då skal de få eiga dette gode landet og la det gå i arv til etterkomarane dykkar i all framtid.

<sup>9</sup>Og du, Salomo, son min, lær din fars Gud å kjenna, og ten han heilhjarta og villig! For Herrenransakar kvart hjarte og kjenner alle tankar og planar. Søkjer du han, lèt han seg finna. Men vender du deg frå han, støyter han deg bort for alltid.

<sup>10</sup>Innsjå no at Herren har valt deg ut til å byggja eit hus for heilagdomen. Ver sterk og gå til verket!

<sup>11</sup>Så gav David Salomo, son sin, ei teikning av forhallen og bygningane, av skattkammera, loftsromma, dei indre kammera og rommet for soningsstaden,

<sup>12</sup>og ei teikning av alt det han elles hadde i tankane: føregardane til Herrens hus og alle sideromma rundt om, skattkammera i Guds hus og skattkammera for alt som var vigd.

<sup>13</sup>Vidare gav han planane for avdelingane til prestane og levittane, alt arbeidet som hadde med tenesta i Herrens hus å gjera, og teikningar for alt utstyret til tenesta i Herrens hus.

<sup>14</sup>David gav opp vekta på gullet til alt utstyr av gull som skulle nyttast i kvar einskild gudsteneste, og vekta på sølvet til alt utstyret som skulle nyttast i kvar einskild gudsteneste;

<sup>15</sup>vekta på gull-lysestakane og gull-lampene som høyrde til, vekta på kvar einskild stake med tilhøyrande lamper, og vekta på sølvlysestakane med lampene som høyrde til, etter det kvar stake skulle brukast til i gudstenesta;

<sup>16</sup>vekta på gullet til skodebrødsborda, kvart bord for seg, og på sølvet til sølvborda,

<sup>17</sup>vekta på gaflane, offerskålene og kannene av reint gull, på begera av gull og sølv, kvart beger for seg,

<sup>18</sup> og vekta på røykjelsesaltaret, som skulle vera av reinsa gull. Han gav òg ei teikning av vogna, gullkjerubane som breier ut vengene så dei dekkjer Herrens paktkiste.

<sup>19</sup>«Alt dette vart gjort kjent for meg i eit skrift frå Herrens hand, alle detaljane i teikninga.»

<sup>20</sup> Så sa David til Salomo, son sin: «Ver modig og sterk, gå til verket! Ver ikkje redd og mist ikkje motet! For Herren Gud, min Gud, er med deg. Han slepper deg ikkje og går ikkje frå deg før du har fullført alt det som skal gjerast for tenesta i Herrens hus.

<sup>21</sup>Sjå, her er avdelingane av prestar og levittar som skal gjera all tenesta i Guds hus. Du har folk hos deg som har både vilje og evne til å gjera allslags arbeid. Dessutan vil leiarane og heile folket gjera alt det du seier.»

## 1. Krønikebok 29

### Frivillige gåver til tempelbygget

<sup>1</sup> Kong David sa til heile forsamlinga: «Salomo, son min, er den einaste som Gud har valt ut. Men han er ung og urøynd, og arbeidet er stort. For tempelborga skal ikkje vera for menneske, men for Herren Gud.

<sup>2</sup> Av all mi kraft har eg gjort førebuingar til min Guds hus. Eg har skaffa gull til det som skal lagast av gull, sølv til det som skal lagast av sølv, bronse til det som skal lagast av bronse, jern til det som skal lagast av jern, og tre til det som skal lagast av tre, dessutan onyks-steinar og steinar til innfelling, skinande og fargesprakande steinar, allslags dyre steinar, og alabast i mengd.

<sup>3</sup> I glede over min Guds hus vil eg òg gje det eg sjølv eig av gull og sølv, til min Guds hus, forutan alt det eg har samla til heilagdomen,

<sup>4</sup> 3000 talentar gull, gull frå Ofir, og 7000 talentar reinsa sølv til å kle veggene i bygningane med.

<sup>5</sup> Så blir det gull til alt som skal lagast av gull, og sølv til alt som skal lagast av sølv, til alt arbeidet som handverkarane skal gjera. Kven er i dag villig til å fylla hendene sine med gåver og koma til Herren?»

<sup>6</sup> Då kom dei villig med gåver, både leiarane for familiane og for Israels stammar, tusenmannsførarane og hundremannsførarane og leiarane for kongens arbeid.

<sup>7</sup> 5000 talentar og 10 000 dareikar gull, 10 000 talentar sølv, 18 000 talentar bronse og 100 000 talentar jern gav dei til arbeidet på Guds hus.

<sup>8</sup> Og dei som eigde kostbare steinar, gav dei til skattkammeret i Herrens hus, som gersjonitten Jehiel hadde ansvaret for.

<sup>9</sup> Folket gledde seg over at dei gav så villig. For av eit heilt hjarte kom dei til Herren med dei frivillige gåvene sine. Også kong David gledde seg stort.

### Dauids lovprising

<sup>10</sup> Framfor heile forsamlinga velsigna David Herren og sa: Velsigna er du, Herre, vår far Israels Gud, frå æve til æve!

<sup>11</sup> Deg, Herre, høyrer stordom til og makt, herlegdom, ære og majestet, alt som er i himmelen og på jorda. Ditt er riket, Herre, og du er opphøgd som overhovud over alt.

<sup>12</sup> Rikdom og ære kjem frå deg, og du rår over alle ting. I di hand er kraft og styrke. Det står i di makt å gjera alt stort og sterkt.

<sup>13</sup> Og no, vår Gud, takkar vi deg og lovsyng ditt herlege namn.

<sup>14</sup> For kven er eg, og kven er folket mitt? Skulle vi vera i stand til å gje slike frivillige gåver? Nei, alt kjem frå deg. Det vi gjev, kjem frå di hand.

<sup>15</sup> For vi er framande framfor ditt andlet og gjester som alle fedrane våre. Som ein skugge er dagane våre på jorda og utan von.

<sup>16</sup> Herre, vår Gud, all denne rikdomen som vi har samla for å byggja eit hus for ditt heilage namn, den kjem frå di eiga hand, og alt er ditt.

<sup>17</sup> Min Gud, eg veit at du ransakar hjarta og har glede i ærlegdom. Av ærleg hjarte og fri vilje har eg gjeve deg alt dette. Og med glede har eg no sett korleis folket ditt, som her er til stades, villig gjev deg gåvene sine.

<sup>18</sup>Herre, Abrahams, Isaks og Israels Gud, våre fedrars Gud! Lat alltid folket ditt ha slike tankar og planar i hjartet, og vend hjartet deira til deg!

<sup>19</sup>Gjev Salomo, son min, eit heilt hjarte, så han held dine bod, lover og forskrifter, fullfører alt som skal gjerast, og reiser tempelborga som eg har førebudd.

### **Salomo blir konge etter David**

<sup>20</sup>Sidan sa David til heile forsamlinga: «Velsign Herren dykkar Gud!» Og heile forsamlinga velsigna Herren, sine fedrars Gud. Dei fall ned og bøygde seg for Herren og kongen.

<sup>21</sup>Neste dag bar dei fram slaktoffer og brennoffer for Herren: tusen oksar, tusen vêrar og tusen lam, med dei drikkoffera som høyrer til, ei stor mengd med slaktoffer for heile Israel.

<sup>22</sup>Den dagen åt og drakk dei for Herrens andlet med stor glede. For andre gong gjorde dei Salomo, son til David, til konge; dei salva han til fyrste for Herren, og Sadok salva dei til prest.

<sup>23</sup>Salomo sette seg på Herrens trone som konge etter David, far sin. Han hadde framgang. Heile Israel lydde han.

<sup>24</sup>Alle stormennene og heltane og alle sønene til kong David gav handslag til kong Salomo.

<sup>25</sup>Herren gjorde Salomo stor og mektig for auga på heile Israel, og han gav han kongeleg makt som ingen konge i Israel hadde hatt før han.

### **David dør**

<sup>26</sup>David, son til Isai, hadde vore konge over heile Israel.

<sup>27</sup>Han rådde over Israel i førti år. Sju år styrte han i Hebron og trettitre år i Jerusalem.

<sup>28</sup>Han døydde i høg alder, mett av dagar og rikdom og ære. Salomo, son hans, vart konge etter han.

<sup>29</sup>Det som er å fortelja om kong David, frå først til sist, det står skrive i krønikeboka til sjåaren Samuel, i krønikeboka til profeten Natan og i krønikeboka til sjåaren Gad.

<sup>30</sup>Der er det òg fortalt om heile hans styre og hans storverk og om alt som den gongen hende med han og Israel og alle land og rike.



## 2. Krønikebok

### 2. Krønikebok 1

#### Herren gjev Salomo makt og visdom

<sup>1</sup> Salomo, son til David, styrkte kongsmakta si. Herren hans Gud var med han og gjorde han stor og mektig.

<sup>2</sup> Salomo tala til heile Israel – til førarane for tusen mann og hundre mann, til dommarane og til alle leiarane i Israel, leiarane for familiane.

<sup>3</sup> Så drog Salomo og heile forsamlinga med han til offerhaugen i Gibeon. For der stod Guds teltheilagdom, som Moses, Herrens tenar, hadde laga i ørkenen.

<sup>4</sup> Men Guds paktkiste hadde David ført opp frå Kirjat-Jearim til den staden han hadde stelt til for henne. For David hadde reist eit telt for henne i Jerusalem.

<sup>5</sup> Bronsealtaret som Besalel, son til Uri, son til Hur, hadde laga, stod i Gibeon framfor Herrens bustad. Dit søkte Salomo og forsamlinga.

<sup>6</sup> Og der, på bronsealtaret som hørde teltheilagdomen til, ofra Salomo til Herren; tusen brennoffer bar han fram på det.

<sup>7</sup> Same natta synte Gud seg for Salomo og sa til han: «Bed om kva du vil. Eg skal gje deg det!»

<sup>8</sup> Salomo svara Gud: «Du har vist stor miskunn mot David, far min, og gjort meg til konge etter han.

<sup>9</sup> Herre, min Gud, lat no ordet ditt til David, far min, bli stadfest! Du har gjort meg til konge over eit folk like talrikt som støvet på jorda.

<sup>10</sup> Gjev meg no visdom og vit så eg kan vera førar og leiar for dette folket. For kven kunne elles styra dette folket ditt, så stort som det er?»

<sup>11</sup> Då sa Gud til Salomo: «Sidan det var dette som låg deg på hjartet, og du ikkje bad om rikdom, gods og ære, ikkje om død over fiendane dine eller om



eit langt liv, men bad om visdom og forstand så du kan styra folket mitt som eg har sett deg til konge over,

<sup>12</sup>Så skal du få visdom og vit. Men eg vil òg gje deg så mykje rikdom, formue og ære som ingen av kongane før deg har hatt og ingen etter deg kjem til å få.»

<sup>13</sup>Så fór Salomo frå offerhaugen i Gibeon, bort frå teltheilagdomen og heim til Jerusalem. Og han styrte som konge i Israel.

<sup>14</sup> Salomo samla vogner og hestar. Han hadde fjorten hundre vogner og tolv tusen hestar. Han plasserte dei i vognbyane og hos seg sjølv i Jerusalem.

<sup>15</sup>Kongen gjorde sølv og gull like vanleg i Jerusalem som stein, og sedertre like vanleg som morbærtre i låglandet.

<sup>16</sup> Hestane sine fekk Salomo frå Egypt og frå Kue. Kjøpmennene hans henta dei i Kue mot betaling.

<sup>17</sup> Kvar vogn som vart ført inn frå Egypt, kosta seks hundre sjekel sølv, og kvar hest eitt hundre og femti sjekel. Så selde dei hestar og vogner vidare til hetittkongane og aramearkongane.

## 2. Krønikebok 2

### Salomo førebur tempelbygginga

<sup>1</sup> Salomo tenkte no på å byggja eit hus for Herrens namn og ein kongebustad til seg sjølv.

<sup>2</sup> Han skreiv ut 70 000 mann til berarar, 80 000 mann til steinhoggarar i fjellet og 3600 mann til å ha tilsyn med dei.

<sup>3</sup> Så sende Salomo bod til Hiram, kongen i Tyros, og sa: «Gjer no det same for meg som du gjorde for David, far min, då du sende han sedertre så han kunne byggja seg eit hus til å bu i.

<sup>4</sup> No vil eg byggja eit hus for namnet til Herren min Gud og helga det til han. Der skal vi brenna velluktande røykjelse for hans andlet, og det skal alltid liggja skodebrød framme. Brennoffer skal vi bera fram morgon og kveld på

sabbatsdagane, nymånedagane og høgtidene for Herren vår Gud. I alle tider skal dette gjelda for Israel.

<sup>5</sup> Det huset eg vil byggja, skal vera stort, for vår Gud er større enn alle gudar.

<sup>6</sup> Men kven maktar vel byggja eit hus for han når himmelen og himlars himmel ikkje kan rømme han? Og kven er vel eg? Kan eg byggja eit hus for han, anna enn for å tenna offereld for hans andlet?

<sup>7</sup> Send meg no ein mann som er kunnig i arbeid med gull og sølv, bronse og jern, purpurraudt, karmosinraudt og purpurblått stoff, ein som òg er kunnig i graving. Han skal arbeida i lag med dei kunnige mennene som eg har her i Juda og Jerusalem, og som David, far min, førebudde til dette.

<sup>8</sup> Og send meg sedertre, sypressar og sandeltre frå Libanon! Eg veit at mennene dine skjønar seg på å fella tre i Libanon. Og mine folk skal arbeida saman med dine.

<sup>9</sup> Dei må skaffa meg mykje tømmer. For det huset eg vil byggja, skal bli stort og flott.

<sup>10</sup> Tømmerhoggarane, tenarane dine som feller trea, skal eg gje tjue tusen kor kveite, tjue tusen kor bygg, tjue tusen bat vin og tjue tusen bat olje.»

<sup>11</sup> Hiram, kongen i Tyros, svara i eit brev som han sende til Salomo: «Fordi Herren elsker folket sitt, har han sett deg til konge over det.»

<sup>12</sup> Og Hiram heldt fram: «Velsigna er Herren, Israels Gud, han som skapte himmelen og jorda. Han har gjeve kong David ein vis son, som har slikt vit og slik forstand at han kan byggja eit hus for Herren og ein kongebustad til seg sjølv.

<sup>13</sup> No sender eg deg ein klok og kunnig mann, Hiram, meisteren min.

<sup>14</sup> Han er son til ei kvinne blant Dans døtrar, men far hans er frå Tyros. Han er kunnig i arbeid med gull og sølv, bronse og jern, stein og tre, med purpurraudt og purpurblått, kvitt og karmosinraudt stoff. Han er òg kunnig i all slags graving, og han kan tenkja ut og laga alt han blir sett til. Han skal

arbeida saman med dei kunnige mennene dine og dei kunnige mennene som var hos herren min, David, far din.

<sup>15</sup>No kan herren min senda kveiten og bygget, oljen og vinen som han har tala om, til tenarane sine.

<sup>16</sup>Så skal vi hogga så mange tre i Libanon som du treng, og føra dei i flåtar sjøvegen til Jaffa. Men du må sjølv få dei opp til Jerusalem.»

<sup>17</sup>Så lét Salomo telja alle innflyttarane i Israel, slik David, far hans, hadde halde folketeljing før han. Det var i alt 153 600 mann.

<sup>18</sup>Av dei gjorde han 70 000 til berarar, 80 000 til steinhoggarar i fjellet og 3600 til formenn; dei skulle sjå etter at folk gjorde arbeidet sitt.

## 2. Krønikebok 3

### Salomo byggjer tempelet

<sup>1</sup>Så tok Salomo til å byggja Herrens hus i Jerusalem, på Moria-fjellet, der Herren hadde synt seg for David, far hans, på den staden David hadde gjort i stand, på treskjeplassen til jebusitten Ornan.

<sup>2</sup>Han tok til med bygginga i den andre månaden i det fjerde styringsåret sitt.

<sup>3</sup>Dette er måla Salomo fastsette då han skulle byggja Guds hus: Lengda var seksti alner og breidda tjue alner etter gammalt mål.

<sup>4</sup>Forhallen som låg framfor tempelet, var tjue alner lang, svarande til breidda på huset, og høgda var hundre og tjue. Han kledde hallen med reint gull innvendig.

<sup>5</sup>Sjølve tempelbygningen kledde han med sypresstre som han la fint gull over og sette palmar og kjeder på.

<sup>6</sup>Han kledde tempelet med edle steinar for å gjera det vakkert, og gullet han brukte, var Parvajim-gull.

<sup>7</sup>Han la gull på heile tempelet, både bjelkane, tersklane, veggene og dørene, og på veggene graverte han inn kjerubar.

<sup>8</sup> Så laga han Det høgheilage. Det var tjue alner langt, like langt som breidda av tempelet, og tjue alner breitt. Han kledde det med seks hundre talentar fint gull.

<sup>9</sup> Spikrane var av gull og vog femti sjekel. Loftsromma kledde han òg med gull.

<sup>10</sup> I Det høgheilage laga han to utskorne kjerubar som vart dekte med gull.

<sup>11</sup> Vengene på kjerubane var til saman tjue alner lange. Den eine kjeruben hadde ein veng som var fem alner lang og rakk bort til tempelveggen. Den andre vengen var òg fem alner og rørte ved vengen til den andre kjeruben.

<sup>12</sup> Den andre kjeruben hadde òg ein veng som var fem alner lang og rakk bort til veggen. Den andre vengen var òg fem alner og rørte ved vengen til den første kjeruben.

<sup>13</sup> Dei utstrekke vengene til desse kjerubane var altså i alt tjue alner. Kjerubane stod oppreiste på føtene med andleta vende mot tempelhallen.

<sup>14</sup> Så laga han forhenget av purpurblått, purpurraudt og karmosinraudt stoff og av fint lin, og han sette kjerubar på det.

<sup>15</sup> Framfor tempelet laga han to søyler; dei var trettifem alner lange, og søylehovudet var fem alner høgt.

<sup>16</sup> Han laga lenkjer som likna halskjeder, og sette dei øvst på søylene. Så laga han hundre granateple som han feste til kjedene.

<sup>17</sup> Sidan reiste han søylene framfor tempelet, ei på høgre og ei på venstre sida. Den til høgre kalla han Jakin og den til venstre Boas.

## **2. Krønikebok 4**

### **Utstyret til tempelet**

<sup>1</sup> Salomo laga eit bronsealtar. Det var tjue alner langt, tjue alner breitt og ti alner høgt.

<sup>2</sup> Så laga han havet av støypt metall. Det var sirkelforma og målte ti alner frå kant til kant. Høgda var fem alner, og omkrinsen var tretti alner målt med målesnor.

<sup>3</sup> Nedanfor kanten var det bilete av oksar heile vegen rundt. Dei omkransa heile havet, ti på kvar alen. Det var to rader med oksar, støypte i eitt med havet.

<sup>4</sup> Havet stod på tolv oksar. Tre snudde mot nord, tre mot vest, tre mot sør og tre mot aust, og dei stod alle med bakkroppen innover. Havet kvilte på dei.

<sup>5</sup> Det var ei handsbreidd tjukt, og kanten var laga som kanten på eit beger, forma som ei lilje. Det tok tre tusen bat.

<sup>6</sup> Så laga han ti fat og sette fem på høgre og fem på venstre sida. Dei skulle nyttast til vasking. Det som høyrde brennoffer til, vart skylt i dei. Men prestane skulle vaska seg i havet.

<sup>7</sup> Han laga òg ti lysestakar av gull etter forskriftene for dei og sette dei i tempelet, fem på høgre og fem på venstre sida.

<sup>8</sup> Han laga ti bord som han stilte opp i tempelet, fem på høgre og fem på venstre sida. Han laga òg hundre offerskåler av gull.

<sup>9</sup> Så bygde han føregarden for prestar og den store føregarden med dører til. Dørene kledde han med bronse.

<sup>10</sup> Havet sette han på høgre sida, mot søraust.

<sup>11</sup> Hiram laga grytene, eldskuffene og offerskålene. Med dette hadde Hiram fullført det handverksarbeidet han skulle gjera for kong Salomo i Guds hus:

<sup>12</sup> to søyler; to skåler på søylehovuda øvst på søylene; to slyngornament til å dekkja dei to skålene;

<sup>13</sup> dei fire hundre granatepla til dei to slyngornamenta – to rader med granateple til kvart ornament, til å dekkja dei to skålene på søylehovuda øvst på søylene.

<sup>14</sup> Han laga vognstativa og fata til kvart av dei,

- <sup>15</sup>havet – det var berre eitt – og dei tolv oksane under det,
- <sup>16</sup>grytene, eldskuffene og gaflane. Alt dette utstyret som meisteren Hiram laga for kong Salomo til Herrens hus, var av polert bronse.
- <sup>17</sup>Det var på Jordan-sletta kongen fekk dei støypte, i den tjukke leirjorda mellom Sukkot og Sereda.
- <sup>18</sup>Salomo laga alt dette utstyret i slike mengder at det ikkje lét seg seia kor mykje bronzen vog.
- <sup>19</sup>Salomo fekk òg laga alt det andre som skulle vera i Guds hus: gullaltaret og borda som skodebrøda skulle liggja på,
- <sup>20</sup>lysestakane med lamper som skulle kveikjast etter forskriftene – dei stod framfor Det høgheilage og var av reint gull –
- <sup>21</sup>blomeornamenta, lampene og tengene av gull, ja, av det finaste gull,
- <sup>22</sup>lysesaksene, offerskålene, kannene og glopannene av reint gull. Inngangsdørene til tempelet, både dei indre dørene til Det høgheilage og dørene inn til sjølv tempelet, var av gull.

## 2. Krønikebok 5

### Paktkista blir sett på plass

- <sup>1</sup>No var det fullført, alt arbeidet som Salomo hadde gjort på Herrenshus. Og Salomo flytte dit alt det som David, far hans, hadde helga. Sølv og gullet og alt utstyret la han inn i skattkammera i Guds hus.
- <sup>2</sup>Så samla Salomo dei eldste i Israel og alle stammehovdingane, leiarane for familiane, i Jerusalem. Dei skulle føra Herrens paktkiste opp frå Davidsbyen, det er Sion.
- <sup>3</sup>Og alle menn i Israel samla seg hos kongen på festen, som var i den sjuande månaden.
- <sup>4</sup>Då alle dei eldste i Israel var komne, lyfte levittane kista,
- <sup>5</sup>og dei førte paktkista opp saman med teltheilagdomen og alt det heilage utstyret som var i teltet. Det var levittprestane som bar dei.

<sup>6</sup>Kong Salomo stod framfor kista saman med heile Israels forsamling, som hadde samla seg hos han. Dei ofra småfe og storfe i slik mengd at ingen kunne telja eller rekna dei.

<sup>7</sup>Så bar prestane Herrens paktkiste og sette henne der ho skulle stå, i det inste tempelrommet, i Det høgheilage, under vengene på kjerubane.

<sup>8</sup>Kjerubane breidde vengene ut over staden der kista stod, så dei dekte både kista og berestengene ovanfrå.

<sup>9</sup>Stengene var så lange at ein kunne sjå endane av dei frå Det heilage framfor Det høgheilage, men ikkje utanfrå. Der har ho vore til denne dag.

<sup>10</sup> I kista fanst det ikkje anna enn dei to tavlene som Moses hadde lagt ned der ved Horeb, den gongen Herren gjorde pakt med israelittane då dei drog ut frå Egypt.

<sup>11</sup> Så gjekk prestane ut av heilagdomen. For alle prestane som fanst der, hadde helga seg, same kva avdeling dei høyrde til,

<sup>12</sup>og alle levittsongarane, både Asaf, Heman og Jedutun og sønene og brørne deira stod der på austsida av altaret, kledde i lin, med symbalar, harper og lyrer, og i lag med dei hundre og tjue prestar som bles i trompetar.

<sup>13</sup> På éin gong sette trompetblåsarane og songarane i med éi røyst for å takka og lova Herren til lyden av trompetar, symbalar og andre musikkinstrument. Dei lova Herren: «For han er god, evig varer hans miskunn.» Då vart tempelet, Herrens hus, fylt av ei sky.

<sup>14</sup> Prestane kunne ikkje stå og gjera teneste for skya skuld; for Herrens herlegdom fylte Guds hus.

## 2. Krønikebok 6

### Salomos bøn ved tempelvigsla

<sup>1</sup> Då sa Salomo: Herren har sagt at han vil bu i ei mørk sky.

<sup>2</sup> Men no har eg bygd deg ein staseleg bustad, ein stad der du kan bu i all tid.

<sup>3</sup> Så snudde kongen seg og velsigna heile Israels forsamling medan dei stod.

<sup>4</sup>Han sa: Velsigna er Herren, Israels Gud, som med sine hender har fullført det han med sin munn lova David, far min, då han sa:

<sup>5</sup>«Frå den dagen eg førte Israel, folket mitt, ut frå Egypt, har eg ikkje valt ut nokon by i alle Israel-stammene for at det skulle byggjast eit hus der til bustad for namnet mitt. Eg valde heller ikkje ut nokon til å vera fyrste over Israel, folket mitt.

<sup>6</sup>Men så valde eg ut Jerusalem til bustad for namnet mitt, og eg valde David til å råda over Israel, folket mitt.»

<sup>7</sup>David, far min, hadde i tankar å byggja eit hus for namnet til Herren, Israels Gud.

<sup>8</sup>Men Herren sa til David, far min: «Då du hadde i tankar å byggja eit hus for namnet mitt, var tanken god.

<sup>9</sup>Likevel, det er ikkje du som skal byggja huset, men son din, som er av ditt eige kjøt og blod. Han skal byggja huset for namnet mitt.»

<sup>10</sup>No har Herren halde det ordet han tala. Eg har følgd etter David, far min, og teke sete på Israels kongsstol, slik Herren har sagt, og eg har bygd huset for namnet til Herren, Israels Gud.

<sup>11</sup>Der har eg sett paktkista som inneheld den pakta Herren gjorde med israelittane.

<sup>12</sup> Så stod Salomo fram for Herrens altar midt framfor heile Israels forsamling og breidde hendene ut.

<sup>13</sup> Han hadde laga ei plattform av bronse og sett henne midt i tempelgarden. Ho var fem alner lang, fem alner brei og tre alner høg. På den stod han no. Så fall han på kne framfor heile Israels forsamling, breidde hendene ut mot himmelen

<sup>14</sup> og sa: Herre, Israels Gud! Det finst ingen Gud som du, korkje i himmelen eller på jorda. Du held pakta og viser truskap mot tenarane dine når dei ferdast heilhjarta for ditt andlet.



**15** Du har halde den lovnaden du gav din tenar David, far min. Med di hand har du oppfylt det du lova med din munn, som det viser seg i dag.

**16** Så hald då, Herre, Israels Gud, den lovnaden du gav din tenar David, far min, då du sa: «Det skal aldri mangla ein mann av di ætt til å sitja på Israels kongsstol for mitt andlet, så sant sønene dine aktar på si ferd og held seg til mi lov, slik som du har gjort.»

**17** Lat det no stå fast, Herre, Israels Gud, det ordet du tala til din tenar David!

**18** Men bur Gud verkeleg på jorda hos menneska? Sjå, himmelen og himlars himmel kan ikkje rømme deg, langt mindre dette huset som eg har bygd!

**19** Vend deg mot bøna til tenaren din og ropet hans om nåde, Herre, min Gud! Høyr ropet frå tenaren din og den bøna han bed for ditt andlet!

**20** Hald auga dine opne over dette huset dag og natt. Vak over den staden der du har lova at namnet ditt skal bu. Høyr dei bønene som tenaren din ber fram, vend mot denne staden!

**21** Ja, høyr den bøna om nåde som tenaren din og Israel, folket ditt, bed, vende mot denne staden! Høyr dei frå himmelen der du bur, høyr og tilgjev!

**22** Når ein mann skader nesten sin og det blir kravd at han skal gjera eid, og han så kjem og sver framfor altaret ditt i dette huset,

**23** då må du høyra det i himmelen, gripa inn og skifta rett mellom tenarane dine. Gjev den urettferdige att, lat framferda hans koma att på han sjølv! Frikjenn den rettferdige og lat han få løn for si rettferd!

**24** Når Israel, folket ditt, blir slege av fienden fordi dei har synda mot deg, men så vender om og prisar namnet ditt, bed og ropar til deg om nåde i dette huset,

**25** då må du høyra det frå himmelen og tilgje Israel, folket ditt, synda deira. Før dei tilbake til det landet du gav dei og fedrane deira.

<sup>26</sup>Når himmelen er stengd så det ikkje kjem regn fordi dei har synda mot deg, men dei så bed til deg, vende mot denne staden, prisar namnet ditt og vender om frå synda si fordi du har audmjuka dei,

<sup>27</sup>då må du høyra det i himmelen og tilgje tenaren din og Israel, folket ditt, synda deira. For du lærer dei den gode vegen dei skal gå. Send då regn over landet ditt, landet du har gjeve folket ditt som eigedom.

<sup>28</sup> Når det blir hunger og naud i landet, når det kjem pest, når det kjem kornsot og svartrust, grashopper og larvar, når fiendar kringset byane i landet – same kva slag plage og sjukdom det er –

<sup>29</sup>og så ein eller annan eller heile folket ditt, Israel, ber fram bønner og rop om nåde fordi kvar og ein kjenner si plage og si smerte, og breier ut hendene sine mot dette huset,

<sup>30</sup> då må du høyra det i himmelen der du tronar. Tilgjev og gjev kvar og ein att etter framferda hans, du som kjenner hjartet hans. For du er den einaste som kjenner hjartet i mennesket!

<sup>31</sup>Så skal dei frykta deg og gå på dine vegar alle dei dagane dei lever i landet du gav fedrane våre.

<sup>32</sup> Det kan òg henda at framande som ikkje høyrer Israel, folket ditt, til, kjem frå eit land langt borte på grunn av ditt store namn, di sterke hand og din strake arm. Når dei så kjem og ber fram bønene sine, vende mot dette huset,

<sup>33</sup>då må du høyra dei frå himmelen der du tronar, og gjera alt det dei ropar til deg om! Slik skal alle folk på jorda læra namnet ditt å kjenna, og dei skal frykta deg liksom ditt eige folk, Israel, og vita at namnet ditt er nemnt over dette huset som eg har bygd.

<sup>34</sup>Når folket ditt dreg ut i krig mot fienden, kvar du så sender dei, og dei bed til deg, vende mot den byen som du har valt deg ut, og mot det huset som eg har bygd for namnet ditt,

<sup>35</sup>då må du frå himmelen høyra bønene deira og ropa om nåde og hjelpa dei til deira rett.

<sup>36</sup> Når folket syndar mot deg – for det finst ikkje noko menneske som ikkje syndar – så blir du harm på dei og gjev dei i fiendens hand, som fører dei i fangenskap til eit anna land, anten det no er langt borte eller nær.

<sup>37</sup> Men så går dei i seg sjølve i det landet der dei blir haldne i fangenskap, og vender om og bed til deg om nåde der i landet og seier: «Vi har synda, bore oss ille åt og gjort urett.»

<sup>38</sup> Vender dei då om til deg av heile sitt hjarte og heile sin hug i det landet der dei er i fangenskap, hos dei som tok dei til fange, og bed til deg, vende mot det landet du gav fedrane deira, mot byen som du har valt ut, og mot huset som eg har bygd for namnet ditt,

<sup>39</sup> då må du frå himmelen der du tronar, høyra bønene deira og ropa deira om nåde og hjelpa dei til deira rett. Tilgjev folket ditt det dei har synda mot deg!

<sup>40</sup> Og no, min Gud, hald auga dine opne og øyra dine vende mot bøna som stig opp frå denne staden!

<sup>41</sup> Reis deg no, Herre, min Gud, og kom til din kvilestad, du og paktkista, som er din styrke. Prestane dine, Herre, min Gud, skal kle seg i frelse, dine trugne skal gleda seg over det gode.

<sup>42</sup> Herre, min Gud, vis ikkje frå deg dei du har salva, men hugs din truskap mot David, tenaren din!

## 2. Krønikebok 7

### Vigslinga av tempelet

<sup>1</sup> Då Salomo hadde enda bøna si, fór det eld ned frå himmelen. Elden åt opp brennofferet og slaktoffera, og Herrens herlegdom fylte huset.

<sup>2</sup> Prestane kunne ikkje gå inn i Herrens hus. For Herrens hus var fylt av Herrens herlegdom.

<sup>3</sup> Då alle israelittane såg elden og Herrensherlegdom koma ned over huset, fall dei på kne på steinhellene med andletet mot jorda og tilbad og lova Herren: «For han er god, evig varer hans miskunn.»

<sup>4</sup>Så ofra kongen og heile folket slaktoffer til Herren.

<sup>5</sup>Det offeret som kong Salomo då bar fram, var 22 000 oksar og 120 000 sauer. Slik vigsla kongen og heile folket Guds hus.

<sup>6</sup>Prestane stod klare til teneste, levittane stod med Herrens musikkinstrument i hendene, dei som kong David hadde laga for å lovprisa Herren med orda: «Evig varer hans miskunn.» Med dei lovsong David Herren. Midt imot levittane bles prestane i trompetar, medan alle israelittane stod.

<sup>7</sup>Så helga Salomo den midtre delen av føregarden framfor Herrens hus. Der bar han fram brennoffera og feittstykkja frå fredsofferet. For bronsealtaret som Salomo hadde laga, kunne ikkje rømme både brennofferet, grødeofferet og feittstykkja.

<sup>8</sup>I sju dagar feira Salomo høgtida den gongen, og heile Israel med han. Det var ei stor forsamling som var komen saman heilt frå Lebo-Hamat til Egyptarbakken.

<sup>9</sup>Den åttande dagen heldt dei ei høgtidssamling. For dei hadde feira vigslinga av altaret i sju dagar, og høgtida hadde dei feira i sju dagar.

<sup>10</sup>På den tjuetredje dagen i den sjuande månaden lét kongen folket fara heim att. Dei var lukkelege og glade for det gode Herren hadde gjort mot David og Salomo og mot Israel, folket sitt.

### **Guds svar på Salomos bøn**

<sup>11</sup>No hadde Salomo fullført både Herrens hus og kongeborga. Alt det han hadde sett seg føre å gjera med Herrens hus og sitt eige hus, hadde lukkast for han.

<sup>12</sup>Då synte Herren seg for han om natta og sa til han: Eg har høyrt bøna di, og eg har valt ut denne staden til offertempel for meg.

<sup>13</sup>No kan det henda at eg stengjer himmelen så det ikkje kjem regn, og byd grashoppene eta opp landet eller sender pest mellom folket mitt.

<sup>14</sup>Dersom då dette folket som namnet mitt er nemnt over, audmjukar seg og bed, søkjer meg og vender seg bort frå sine vonde vegar, skal eg høyra dei frå himmelen, tilgje syndene deira og lækja landet.

<sup>15</sup>No vil eg halda auga opne og øyra vende mot kvar bøn som stig opp frå denne staden.

<sup>16</sup>Eg har valt ut dette huset og helga det så namnet mitt skal vera der til evig tid. Auga mine og hjartet mitt skal alltid vera vende mot det.

<sup>17</sup>Og du, så sant du ferdast for mitt andlet som David, far din, gjorde, og så sant du gjer alt det eg har sagt deg, og held forskriftene og lovene mine,

<sup>18</sup>då skal eg tryggja din kongsstol, etter den pakta eg gjorde med David, far din, då eg sa: «Det skal aldri mangla ein mann av di ætt til å råda over Israel.»

<sup>19</sup>Men vender de dykk bort og forlèt dei forskriftene og boda som eg har gjeve dykk, så de tek til å dyrka andre gudar og tilbe dei,

<sup>20</sup> då skal eg rykkja dykk opp av det landet eg har gjeve dykk. Og dette huset som eg har helga til namnet mitt, vil eg kasta bort frå mitt andlet. Eg gjer det til eit ordtak og eit spottord mellom alle folk.

<sup>21</sup> Om dette huset er aldri så ruvande, skal alle som fer framom, bli forfærde og spotta og spørja: «Kvifor har Herren gjort slik med dette landet og dette huset?»

<sup>22</sup>Og då skal folk svara: «Det er fordi dei forlét Herren, deira fedrars Gud, han som førte dei ut frå Egypt, og heldt seg til andre gudar, som dei tilbad og dyrka. Difor har han ført all denne ulukka over dei.»

## **2. Krønikebok 8**

### **Salomo fullfører verket**

<sup>1</sup> Då dei tjue åra var gått som Salomo hadde brukt til å byggja Herrens hus og kongeborga,

<sup>2</sup>bygde han opp att dei byane som Hiram hadde gjeve han, og lét israelittar busetja seg der.

<sup>3</sup>Så drog Salomo til Hamat-Soba og tok byen.

<sup>4</sup>Han bygde opp att Tadmor i ørkenen og alle byane med lagerhus som han hadde bygd i Hamat.

<sup>5</sup>Like eins bygde han opp att Øvre Bet-Horon og Nedre Bet-Horon til festningsbyar med murar, portar og bommar,

<sup>6</sup>og Baalat og alle byane der Salomo hadde lagerhus, og alle dei byane der han hadde vognene og hestane sine. Han bygde òg alt han ønskte seg både i Jerusalem og i Libanon, i heile det riket han rådde over.

<sup>7</sup>Framleis var det att i landet hetittar, amorittar, perisittar, hevittar og jebusittar, folk som ikkje høyrde Israel til.

<sup>8</sup>Salomo la pliktarbeid på etterkomarane av desse folka, så mange som endå var att i landet fordi israelittane ikkje hadde gjort ende på dei. Slik har det vore til denne dag.

<sup>9</sup>Men han sette ingen av israelittane til å gjera slavearbeid; dei var krigarar, offiserar, vognkommandantar og ryttrarar.

<sup>10</sup>Arbeidsformennene til kong Salomo var to hundre og femti i talet. Dei hadde tilsyn med arbeidsfolket.

<sup>11</sup>Salomo førte dotter til farao frå Davidsbyen opp til det huset han hadde bygd for henne. Han sa: «Det skal ikkje bu noka kvinne i huset til David, Israels-kongen. For det er heilagt, sidan Herrens paktkiste er komen dit.»

<sup>12</sup>Så ofra Salomo brennoffer til Herren på Herrens altar som han hadde bygd framfor forhallen.

<sup>13</sup> Kvar dag ofra han så mykje som Moses hadde påbode, på sabbatsdagane og nymånedagane og på dei tre høgtidene i året: høgtida med usyra brød, vekefesten og lauvhyttefesten.

<sup>14</sup> Etter den forskrifta som David, far hans, hadde gjeve, fastsette han skiftordninga for prestane i tenesta deira, og tenesta for levittane og for dørvaktarane ved dei ulike portane, skift for skift. Tenesta for levittane var å syngja lovsongar og hjelpa prestane i tenesta etter som det trongst for kvar dag. For dette hadde David, gudsmannen, påbode.

<sup>15</sup> Dei veik ikkje av frå det som kongen hadde bode når det gjaldt prestane og levittane, korkje om skattkammera eller noko anna.

<sup>16</sup> No var heile Salomos verk fullført, frå den dagen grunnvollen til Herrens hus vart lagd, til det stod ferdig. Herrens hus var fullført.

<sup>17</sup> Sidan drog Salomo til Esjon-Geber og til Eilat, som ligg ved kysten i Edomlandet.

<sup>18</sup> Hiram fekk nokre av mennene sine til å senda han skip med sjøfolk som var godt kjende på havet. Dei tok av stad til Ofir saman med mennene til Salomo. Der henta dei fire hundre og femti talentar gull, som dei førte til kong Salomo.

## 2. Krønikebok 9

### Dronninga av Saba gjestar Salomo

<sup>1</sup> Då dronninga av Saba fekk høyra om Salomo, kom ho og ville prøva han med gåter. Ho kom til Jerusalem med eit stort følgje og med kamelar som bar balsamoljar, mengder av gull og edelsteinar. Ho steig fram for Salomo og tala med han om alt som låg henne på hjartet.

<sup>2</sup> Og Salomo gav henne svar på alt det ho spurde om. Det fanst ikkje noko som var løynt for kongen så han ikkje kunne gje henne svar.

<sup>3</sup> Då dronninga av Saba fekk sjå visdomen til Salomo, huset han hadde bygd,

<sup>4</sup> rettene på bordet hans, hoffmennene der dei sat, tenarane som varta opp, og kleda deira, munnskjenkane og kleda deira, og prosesjonen når han gjekk opp til Herrens hus, mista ho heilt pusten.

<sup>5</sup> Ho sa til kongen: «Så var det då sant, det eg hørde heime i landet mitt om deg og visdomen din!

<sup>6</sup>Eg trudde ikkje det dei fortalde, før eg kom og fekk sjå det med egne auge. Men no ser eg at dei ikkje eingong har fortalt meg halvparten om den store visdomen din. Du overgår alt eg har høyr.

<sup>7</sup>Lukkelege er mennene dine, og lukkelege er desse tenarane, som alltid får stå hos deg og høyra visdomen din!

<sup>8</sup>Velsigna vere Herren din Gud, som hadde slik godvilje for deg at han sette deg på sin kongsstol som konge for Herren din Gud. Fordi din Gud har Israel kjær og vil halda folket oppe til evig tid, har han sett deg til konge over dei, så du skal fremja rett og rettferd.»

<sup>9</sup>Så gav ho kongen eitt hundre og tjue talentar gull og ei stor mengd balsamoljar og edelsteinar. Det har aldri sidan vore slike mengder med balsamoljar i landet som det dronninga av Saba gav kong Salomo.

<sup>10</sup>Mennene til Hiram og Salomo som henta gull frå Ofir, hadde òg med seg sandeltre og edelsteinar derifrå.

<sup>11</sup>Av sandeltreet fekk kongen laga trapper til Herrens hus og kongeborga og lyrer og harper til songarane. Noko liknande hadde aldri vore å sjå i Juda før.

<sup>12</sup>Kong Salomo gav dronninga av Saba alt det ho hadde lyst på og bad om, i tillegg til gåver som takk for det ho hadde hatt med til kongen. Så braut ho opp og drog heim att til landet sitt saman med tenarane sine.

### **Salomos rikdom**

<sup>13</sup>Det gullet som Salomo fekk inn på eitt år, vog 666 talentar.

<sup>14</sup>Attåt det kom avgiftene frå dei handelsreisande og kjøpmennene som innførte varer. Alle arabarkongane og statthaldarane i landet kom òg med gull og sølv til Salomo.

<sup>15</sup>Kong Salomo fekk laga to hundre store skjold av hamra gull; til kvart skjold gjekk det med seks hundre sjekel gull.

<sup>16</sup>Han fekk òg laga tre hundre små skjold av hamra gull; til kvart av dei gjekk det med tre hundre sjekel gull. Alle desse skjolda sette kongen i Libanon-skoghuset.



<sup>17</sup>Kongen fekk òg laga ein stor kongsstol av elfenbein og kledde han med reint gull.

<sup>18</sup>Kongsstolen hadde seks trappesteg og ein fotskammel av gull, som var fest til han. På begge sider av setet var det armlene, og ved kvart av dei stod det ei løve.

<sup>19</sup>På dei seks trappestega stod det tolv løver, seks på kvar side. Ein slik kongsstol har aldri vore laga i noko anna kongerike.

<sup>20</sup>Alle drikkekara til kong Salomo var av gull, og alt utstyret i Libanon-skoghuset var av reint gull. Sølv vart ikkje rekna for noko i Salomos dagar.

<sup>21</sup>For kongen hadde skip som gjekk til Tarsis med nokre av mennene til Hiram. Ein gong kvart tredje år kom Tarsis-skipa heim, lasta med gull og sølv, elfenbein, apekattar og påfuglar.

<sup>22</sup>Kong Salomo vart større enn alle kongane på jorda i rikdom og visdom.

<sup>23</sup>Og alle kongane på jorda søkte til Salomo for å høyra den visdomen Gud hadde lagt ned i hjartet hans.

<sup>24</sup>Kvart år kom dei med gåver til han, ting av sølv og gull, kapper, våpen, balsamoljar, hestar og muldyr.

<sup>25</sup>Salomo hadde fire tusen stallplassar for hestar og vogner og tolv tusen ryttarar. Av dei plasserte han somme i vognbyane og somme hos seg sjølv i Jerusalem.

<sup>26</sup>Han herska over alle kongane frå Euftrat til filistarlandet og heilt til grensa mot Egypt.

<sup>27</sup>Kongen gjorde sølv like vanleg i Jerusalem som stein, og sedertre like vanleg som morbærtre i låglandet.

<sup>28</sup>Dei henta hestar til Salomo frå Egypt og frå alle andre land.

<sup>29</sup>Det som elles er å seia om Salomo, frå først til sist, det står skrive i boka til profeten Natan, i profetiane av Ahia frå Sjilo og i syna til sjåaren Iddo om Jeroboam, son til Nebat.

<sup>30</sup>I førti år var Salomo konge i Jerusalem og rådde over heile Israel.

<sup>31</sup>Så gjekk Salomo til kvile hos fedrane sine. Han vart gravlagd i byen til David, far sin. Rehabeam, son hans, vart konge etter han.

## 2. Krønikebok 10

### Riket blir delt

<sup>1</sup> Rehabeam fór til Sikem, for heile Israel var kome dit og skulle gjera han til konge.

<sup>2</sup> Dette fekk Jeroboam, son til Nebat, høyra. Han var då i Egypt. Dit hadde han rømt for kong Salomo, men no kom han att derifrå.

<sup>3</sup> No sende dei bod etter Jeroboam. Og så kom han og heile Israel til Rehabeam og sa:

<sup>4</sup> «Far din la eit tungt åk på oss. Men no må du letta det harde arbeidet og det tunge åket som far din la på oss, så skal vi tena deg.»

<sup>5</sup> Men han svara dei: «Kom hit att til meg om tre dagar!» Og folket gjekk sin veg.

<sup>6</sup> Kong Rehabeam samrådde seg først med dei gamle, dei som hadde gjort teneste hos Salomo, far hans, medan han levde. Han spurde: «Kva rår de meg til å svara dette folket?»

<sup>7</sup> Dei svara: «Om du vil vera god mot dette folket og gjera dei til viljes og svara dei med venlege ord, då kjem dei til å tena deg alle dine dagar.»

<sup>8</sup> Men Rehabeam vraka rådet dei gamle gav han. Han spurde dei unge til råds, dei som hadde vakse opp saman med han, og som no gjorde teneste hos han.

<sup>9</sup> «Kva rår de oss til å svara dette folket?» spurde han. «Dei har bede meg letta det åket far min la på dei.»

<sup>10</sup> Då svara dei unge som hadde vakse opp saman med han: «Folket sa til deg: Far din la eit tungt åk på oss. Du må gjera det lettare for oss! Men slik skal du svara dei: Veslefingeren min er tjukkare enn midja til far min.

<sup>11</sup>Far min la eit tungt åk på dykk, eg skal gjera det endå tyngre. Far min tukta dykk med sveper, eg skal tukta dykk med piggreimar.»

<sup>12</sup>Tredje dagen kom Jeroboam og heile folket til Rehabeam, slik som kongen hadde bede dei om då han sa: «Kom hit att til meg om tre dagar!»

<sup>13</sup>Kong Rehabeam gav dei no eit hardt svar. Han brydde seg ikkje om rådet dei gamle hadde gjeve han,

<sup>14</sup>og svara slik dei unge hadde rådd han til: «Far min la eit tungt åk på dykk, eg skal gjera det endå tyngre. Far min tukta dykk med sveper, eg skal tukta dykk med piggreimar.»

<sup>15</sup>Kongen hørde ikkje på folket, for Herren hadde styrt det så for å oppfylle ordet han hadde tala til Jeroboam, son til Nebat, gjennom Ahia frå Sjilo.

<sup>16</sup> Då kongen ikkje ville høyra på dei, gav heile Israel han dette svaret: «Kva for del har vi i David? Vi har ingen lut i Isai-sonen. Heim til telta dine, Israel! Syt no, David, for ditt eige hus!» Så fór alle israelittane heim att.

<sup>17</sup>Rehabeam vart ikkje konge over andre israelittar enn dei som budde i byane i Juda.

<sup>18</sup> Kong Rehabeam sende Hadoram til dei, han som hadde tilsyn med pliktarbeidet. Men israelittane steina han i hel. Rehabeam klarte å redde seg opp i vogna si og rømme til Jerusalem.

<sup>19</sup>Slik gjorde Israel opprør mot Davids hus, og slik har det vore til denne dag.

## 2. Krønikebok 11

### Rehabeam styrkjer kongedømet sitt

<sup>1</sup> Så snart Rehabeam var komen til Jerusalem, samla han Judas og Benjamins hus, hundre og åtti tusen utvalde krigarar. Dei skulle strida mot Israel og vinna kongsmakta tilbake for Rehabeam.

<sup>2</sup>Då kom Herrens ord til gudsmannen Sjemaja:

<sup>3</sup>«Sei til Juda-kongen Rehabeam, son til Salomo, og til alle israelittane i Juda og Benjamin:

<sup>4</sup>Så seier Herren: De skal ikkje fara opp og strida mot brørne dykkar. Far heim att, kvar til sitt hus! For det som har hendt, er kome frå meg.» Då lydde dei Herrens ord; dei snudde og gjekk ikkje mot Jeroboam.

<sup>5</sup>Rehabeam vart buande i Jerusalem, og han bygde ut nokre byar i Juda til festningsbyar.

<sup>6</sup>Såleis bygde han Betlehem, Etam og Tekoa,

<sup>7</sup>Bet-Sur, Soko og Adullam,

<sup>8</sup>Gat, Maresja og Sif,

<sup>9</sup>Adorajim, Lakisj og Aseka,

<sup>10</sup>Sora, Ajjalon og Hebron. Desse festningsbyane låg i Juda og Benjamin.

<sup>11</sup>Han gjorde festningane sterke, sette inn kommandantar og gav dei lager med mat, olje og vin.

<sup>12</sup>Kvar einskild by utstyrte han med skjold og spyd. Slik gjorde han dei svært sterke. Juda og Benjamin høyrde han til.

<sup>13</sup>Prestane og levittane i heile Israel kom frå alle kantar av landet og steig fram for Rehabeam.

<sup>14</sup> Levittane forlét beitemark og eigedom og drog til Juda og Jerusalem fordi Jeroboam og sønene hans hindra dei i å gjera presteteneste for Herren.

<sup>15</sup> Han sette inn andre prestar på offerhaugane, for bukkane og kalvane som han hadde laga.

<sup>16</sup>Med prestane og levittane følgde alle dei som hadde lagt seg på hjartet å søkja Israels Gud. Frå alle Israel-stammene kom dei til Jerusalem for å ofra til Herren, sine fedrars Gud.

<sup>17</sup>Dei styrkte kongedømet i Juda og sikra makta for Rehabeam, son til Salomo, i tre år. For i tre år følgde dei vegane til David og Salomo.

<sup>18</sup> Rehabeam tok Mahalat til kone. Ho var dotter til Jerimot, son til David, og Abihajil, dotter til Eliab, son til Isai.

<sup>19</sup>Ho fødde han sønene Je'usj, Sjemarja og Saham.

<sup>20</sup>Sidan tok han Maaka, dotter til Absalom, til kone. Ho fødde han Abia, Attai, Sisa og Sjelomit.

<sup>21</sup>Rehabeam heldt meir av Maaka, dotter til Absalom, enn av alle dei andre konene og følgjekonene sine. I alt hadde han atten koner og seksti følgjekoner. Og han fekk tjueåtte søner og seksti døtrer.

<sup>22</sup>Rehabeam sette Abia, son til Maaka, til overhovud og leiar mellom brørne, for han tenkte å gjera han til konge.

<sup>23</sup>Men han var klok nok til å spreia sønene sine over heile Juda og Benjamin, i alle festningsbyane der. Han gav dei rikeleg med mat og skaffa dei mange koner.

## 2. Krønikebok 12

### Kong Sjisjak går til åtak på Juda

<sup>1</sup>Då kongedømet til Rehabeam var sikra og makta hans hadde vorte sterk, forlét han Herrens lov, og heile Israel med han.

<sup>2</sup>I det femte styringsåret til Rehabeam drog Sjisjak, kongen i Egypt, opp mot Jerusalem; for folket der hadde vore trulaust mot Herren.

<sup>3</sup>Han kom med tolv hundre vogner og seksti tusen ryttarar og ein tallaus hær som følgde han frå Egypt: libyarar, sukkittar og kusjittar.

<sup>4</sup>Han tok festningsbyane i Juda og kom heilt til Jerusalem.

<sup>5</sup>Då kom profeten Sjemaja til Rehabeam og leiarane i Juda, som hadde samla seg i Jerusalem fordi dei var redde Sjisjak. Han sa til dei: «Så seier Herren: De har forlate meg. No forlèt eg dykk og gjev dykk i Sjisjaks hand.»

<sup>6</sup>Då audmjuka dei seg, leiarane i Israel og kongen, og sa: «Herrener rettferdig.»

<sup>7</sup>Og då Herren såg at dei audmjuka seg, kom Herrens ord til Sjemaja: «Sidan dei audmjuka seg, vil eg ikkje utrydda dei. Snart skal eg fria dei ut. Eg skal ikkje ausa ut harmen min over Jerusalem gjennom Sjisjak.

<sup>8</sup>Men dei skal bli tenarane hans, og då skal dei få kjenna skilnaden på å tena meg og å tena framande kongerike.»

<sup>9</sup>Så drog Sjisjak, egyptarkongen, opp mot Jerusalem. Han tok alle skattane både i Herrens hus og i kongeborga. Han tok òg gullskjolda som Salomo hadde fått laga.

<sup>10</sup>I staden fekk kong Rehabeam laga bronseskjold, og han sette sjefane over livvakta som vakta slottsporten, til å ta vare på dei.

<sup>11</sup>Kvar gong kongen gjekk inn i Herrens hus, bar vaktene desse skjolda og tok dei så med seg tilbake til vaktrommet.

<sup>12</sup> Fordi Rehabeam audmjuka seg, vende Herrens vreide seg frå han. Han ville ikkje heilt gjera ende på han. Det fanst då endå noko godt i Juda.

<sup>13</sup> Kong Rehabeam styrkte stillinga si i Jerusalem og heldt fram som konge. Han var førtiein år gammal då han vart konge, og sytten år styrte han i Jerusalem, den byen Herren hadde valt ut mellom alle Israel-stammane og gjort til bustad for namnet sitt. Mor hans heitte Naama og var frå Ammon.

<sup>14</sup>Rehabeam gjorde det som vondt var; for han la ikkje sitt hjarte i å søkja Herren.

<sup>15</sup> Det som er å seia om Rehabeam, frå først til sist, det står skrive i krønikene til profeten Sjemaja og sjåaren Iddo, saman med slektsregisteret hans. Mellom Rehabeam og Jeroboam var det krig heile tida.

<sup>16</sup>Så gjekk Rehabeam til kvile hos fedrane sine. Han vart gravlagd i Davidsbyen, og Abia, son hans, vart konge etter han.

## **2. Krønikebok 13**

### **Kong Abia vinn over Jeroboam**

<sup>1</sup> I det attande styringsåret til Jeroboam vart Abia konge i Juda.

<sup>2</sup>Han regjerte i Jerusalem i tre år. Mor hans heitte Mikaja og var dotter til Uriel frå Gibea. Mellom Abia og Jeroboam var det krig.

<sup>3</sup>Abia byrja krigen med ein hær av djerve krigarar, fire hundre tusen utvalde menn. Men Jeroboam stilte opp ein hær mot han på åtte hundre tusen utvalde menn, djerve krigarar dei òg.

<sup>4</sup>Abia steig fram på Semarajim-fjellet i Efraims fjelland og sa: Høyr på meg, Jeroboam og heile Israel!

<sup>5</sup>De veit då at Herren, Israels Gud, gav kongsmakta over Israel til David og etterkomarane hans til evig tid gjennom ei saltpakt.

<sup>6</sup>Men Jeroboam, son til Nebat, som stod i teneste hos Salomo, Davids son, reiste seg mot herren sin og gjorde opprør.

<sup>7</sup>Simple og vondsinna menn samla seg om han. Dei sette seg opp mot Rehabeam, son til Salomo. Og Rehabeam var ung og veik og kunne ikkje stå imot dei.

<sup>8</sup>Og no tenkjer de at de kan stå imot Herrens kongsmakt, som er i hendene på etterkomarane til David, fordi de er så mange og har med dykk dei gullkalvane som Jeroboam fekk laga til gudar for dykk.

<sup>9</sup>Men de har drive bort Herrens prestar, Aron-sønene, og levittane, og de har sett inn eigne prestar, slik som folka i landa omkring. Kvar den som kjem med ein ung okse og sju vêrar og vil få prestevigsle, han blir prest for desse ikkje-gudane.

<sup>10</sup>Men vår Gud er Herren, og vi har ikkje forlate han. Dei prestane som tener Herren, er etterkomarar av Aron, og levittane gjer si teneste.

<sup>11</sup>Kvar morgon og kvar kveld ber dei fram brennoffer for Herren og velluktande røykjelse, og dei legg fram brød på det reine bordet. Og kvar kveld kveikjer dei lampene på gull-lysestaken. For vi held pliktene våre mot Herren vår Gud; men de har forlate han.

<sup>12</sup>Sjå, Gud er med oss, han går i spissen, og prestane hans blæs i trompetane og gjev krigssignalet mot dykk. Israelittar, strid ikkje mot Herren, dykkar fedrars Gud! For de kjem ikkje til å lukkast.

<sup>13</sup>Imedan hadde Jeroboam late ein styrke gå rundt for å falla judearane i ryggen. Slik fekk judearane hæren framfor seg og bakhaldsstyrken i ryggen.

<sup>14</sup>Då judearane snudde seg og fekk sjå at dei var utsette for åtak både framanfrå og bakanfrå, ropa dei til Herren, medan prestane bles i trompetane.

<sup>15</sup>Så sette judearane i krigsropet. Då judearane ropa, lét Gud Jeroboam og heile Israel lida nederlag for Abia og judearane.

<sup>16</sup>Israelittane rømde for judearane, og Gud gav dei over i deira hender.

<sup>17</sup>Abia og hærfolket hans gav dei eit stort nederlag. Av Israels utvalde menn var det fem hundre tusen falne.

<sup>18</sup>Slik vart israelittane audmjuka den gongen. Judearane var dei sterkaste, for dei sette si lit til Herren, sine fedrars Gud.

<sup>19</sup>Abia forfølgde Jeroboam og tok nokre av byane hans: Betel med landsbyane som høyrde til, Jesjana med landsbyar og Efron med landsbyar.

<sup>20</sup>Jeroboam kom ikkje til makta att så lenge Abia levde. Og Herren slo han så han døydde.

<sup>21</sup>Men Abia styrkte makta si. Han tok seg fjorten koner og fekk tjueto søner og seksten døtrer.

<sup>22</sup> Det som elles er å seia om Abia og alt han sa og gjorde, står skrive i kommentarane til profeten Iddo.

## **2. Krønikebok 14**

### **Kong Asa i Juda**

<sup>1</sup> Så gjekk Abia til kvile hos fedrane sine. Dei gravla han i Davidsbyen, og son hans, Asa, vart konge etter han. I hans dagar hadde landet ro i ti år.

<sup>2</sup> Asa gjorde det som godt og rett var i auga til Herrenhans Gud.

<sup>3</sup> Han fjerna altara for framande gudar og offerhaugane, slo sund steinstøttene og hogg ned Asjera-pålane.



<sup>4</sup>Han sa til judearane at dei skulle søkja Herren, sine fedrars Gud, og halda lova og boda.

<sup>5</sup>Frå alle byane i Juda fjerna han offerhaugane og røykjelsesaltara. Og kongeriket hadde ro under han.

<sup>6</sup>Asa bygde festningsbyar i Juda, for landet hadde ro. Ingen gjekk til krig mot han i desse åra, for Herren gav han fred.

<sup>7</sup>Asa sa til judearane: «Lat oss byggja ut desse byane og reisa murar rundt dei, med tårn og portar og bommar, medan landet enno ligg fritt framfor oss. For vi har søkt Herren vår Gud. Vi søkte han, og han gav oss fred på alle kantar.» Så tok dei til å byggja, og alt gjekk godt.

<sup>8</sup>Asa hadde ein hær på tre hundre tusen mann frå Juda, væpna med store skjold og spyd, og to hundre og åtti tusen mann frå Benjamin, som bar små skjold og skaut med boge. Alle var dei djerve krigarar.

<sup>9</sup>Ein gong drog kusjitten Serah ut mot judearane med ein hær på tusen gonger tusen mann og tre hundre stridsvogner. Då han var komen så langt som til Maresja,

<sup>10</sup>drog Asa ut mot han. Dei stilte seg opp til kamp i Sefata-dalen nær Maresja.

<sup>11</sup>Då ropa Asa til Herren sin Gud og sa: «Herre, berre du kan hjelpa i kampen mellom den som er sterk og den som er svak. Hjelp oss, Herre, vår Gud! For vi set vår lit til deg, og i ditt namn har vi gått mot denne veldige styrken. Herre, du er vår Gud. Ikkje noko menneske kan stå seg mot deg!»

<sup>12</sup>Då lét Herren kusjittane lida nederlag for Asa og judearane, og kusjittane rømde.

<sup>13</sup>Asa og folket som var med han, forfølgde dei heilt til Gerar, og kusjittane fall til siste mann. Dei vart knuste av Herren og hans hær, og judearane tok eit overlag stort bytte.

<sup>14</sup>Dei tok alle byane kring Gerar, for ei redsle for Herren var komen over folket der. Dei plyndra alle desse byane, for der var det mykje å plyndra.

<sup>15</sup>Dei gjekk òg til åtak på gjetartelta og førte bort ei mengd med sauer og kamelar. Så drog dei tilbake til Jerusalem.

## 2. Krønikebok 15

### Kong Asa reinsar gudstyrkinga

<sup>1</sup>Guds ande kom over Asarja, son til Oded.

<sup>2</sup>Han steig fram for Asa og sa til han: «Høyr på meg, Asa og heile Juda og Benjamin! Herren er med dykk om de er med han. Søkjer de han, lèt han seg finna; men forlèt de han, forlèt han dykk.

<sup>3</sup>I lang tid var Israel utan den sanne Gud, utan prestar til å undervisa dei og utan lov.

<sup>4</sup>Men i si trengsle vende dei om til Herren, Israels Gud. Dei søkte han, og han lèt seg finna.

<sup>5</sup>På den tida var det ikkje trygt, korkje for den som drog ut eller for den som kom heim. For det var stor uro mellom folk i alle land.

<sup>6</sup>Folkeslag vart knust mot folkeslag og by mot by; for Gud uroa dei med allslags trengsler.

<sup>7</sup>Men ver sterke og lat ikkje hendene siga! De skal få løn for det de gjer.»

<sup>8</sup>Då Asa hørde desse orda, den profetien som Oded-profeten hadde bore fram, gjorde han seg sterk og fekk fjerna alle dei motbydelege gudane frå heile Juda og Benjamin og frå dei byane han hadde teke i Efraims fjelland. Og han vigsla på nytt Herrens altar, det som stod framfor forhallen i Herrens hus.

<sup>9</sup>Så samla han heile Juda og Benjamin og dei innflyttarane frå Efraim, Manasse og Simon som budde mellom dei. For det var mange frå Israel som hadde gått over til Asa då dei såg at Herren hans Gud var med han.

<sup>10</sup>I det femtande styringsåret til Asa, i den tredje månaden, samla dei seg i Jerusalem.

<sup>11</sup>Den dagen ofra dei til Herren sju hundre oksar og sju tusen sauer av det byttet dei hadde teke med seg.

<sup>12</sup>Og dei gjorde ei pakt om at dei skulle søkja Herren, sine fedrars Gud, av heile sitt hjarte og av heile si sjel.

<sup>13</sup>Og alle som ikkje søkte Herren, Israels Gud, skulle døy, gammal som ung, mann som kvinne.

<sup>14</sup>Med høg røyst svor dei til Herren under jubelrop, til lyden av trompetar og bukkehorn.

<sup>15</sup>Heile Juda gledde seg over eiden, for dei hadde svore han av heile sitt hjarte. Dei hadde søkt Herren av all god vilje, og han lét seg finna. Herren gav dei fred på alle kantar.

<sup>16</sup>Kong Asa tok jamvel frå Maaka, farmor si, dei rettane som følgde med det å vera kongsmor, fordi ho hadde laga eit fråstøytande bilete for Asjera. Han hogg biletet sund, knuste det og brende det i Kedron-dalen.

<sup>17</sup>Men offerhaugane i Israel vart ikkje nedlagde. Likevel var Asa heilhjarta så lenge han levde.

<sup>18</sup>Dei heilage offergåvene som far hans og han sjølv hadde gjeve, førte han til Guds hus. Det var både sølv og gull og anna tempelutstyr.

<sup>19</sup>Det var ikkje krig før i det trettifemte styringsåret til Asa.

## **2. Krønikebok 16**

### **Asa bed aramearane om hjelp**

<sup>1</sup>I det trettisjette styringsåret til Asa drog Israels-kongen Basja opp mot Juda og bygde festningsverk i Rama så ingen skulle få fara til eller frå kong Asa i Juda.

<sup>2</sup>Då tok Asa fram sølv og gull frå skattkammera, både i Herrens hus og i kongeborga. Han sende det til Ben-Hadad, kongen i Aram, som budde i Damaskus, med desse orda:

<sup>3</sup>«Det er ei pakt mellom meg og deg, som det var mellom far min og far din. Her sender eg deg ei gåve av sølv og gull. Bryt no den pakta du har med Basja, kongen i Israel, så han må fara bort frå meg.»

<sup>4</sup>Ben-Hadad høyrde på kong Asa. Han sende hærførarane sine mot byane i Israel, og dei tok Ijjon, Dan, Abel-Majim og alle forrådsbyane i Naftali.

<sup>5</sup>Då Basja fekk melding om dette, slutta han å byggja festningsverk i Rama. Han stansa arbeidet.

<sup>6</sup>Då tok kong Asa med seg heile folket i Juda, og dei førte bort steinane og tømmeret som Basja hadde brukt då han bygde i Rama. Av dette reiste Asa festningsverk i Geba og Mispa.

<sup>7</sup>På den tida kom sjåaren Hanani til Asa, Juda-kongen, og sa til han: «Fordi du sette di lit til aramearkongen og ikkje til Herren din Gud, har hæren til aramearkongen sloppe ut av hendene dine.

<sup>8</sup>Kusjittane og libyarane hadde òg ein veldig hær med stridsvogner og ryttrarar. Men fordi du den gongen leit på Herren, gav han dei over i dine hender.

<sup>9</sup>ForHerrens auge fer over heile jorda, så han kan styrkja dei som heilhjarta held seg til han. Denne gongen har du bore deg uvitug åt; frå no av skal du støtt ha krig.»

<sup>10</sup>Då vart Asa sint på sjåaren og sette han i arrest; så arg var han på han for dette. På den tida fór han òg hardt fram mot andre av folket.

<sup>11</sup>Det som er å seia om Asa frå først til sist, står skrive i boka om kongane i Juda og Israel.

<sup>12</sup>I det trettiniande styringsåret sitt fekk Asa ein sjukdom i føtene, og sjukdomen vart verre og verre. Men heller ikkje då han var sjuk, søkte han Herren, men berre legane.

<sup>13</sup>Så gjekk Asa til kvile hos fedrane sine. Han døydde i det førtiførste styringsåret sitt.

<sup>14</sup>Han vart gravlagd i den grava som han hadde late hogga ut for seg i Davidsbyen. Dei la han på ei seng fylt med krydra balsam og ymse salveblandingar. Så kveikte dei eit veldig bål til ære for han.

## 2. Krønikebok 17

### Kong Josjafat av Juda

<sup>1</sup>Etter Asa vart Josjafat, son hans, konge. Han styrkte stillinga mot Israel.

<sup>2</sup>Han la troppar i alle festningsbyane i Juda, og han sette vaktpostar rundt om i Juda og i dei byane som Asa, far hans, hadde teke i Efraim.

<sup>3</sup>Herren var med Josjafat, for han følgde dei vegane som David, stamfar hans, før hadde følgd. Han søkte ikkje Baal-gudane,

<sup>4</sup>men Gud til far sin. Han heldt boda hans og levde ikkje slik som dei gjorde i Israel.

<sup>5</sup>Difor tryggja Herren kongsmakta i hans hand, og heile Juda kom med gåver til Josjafat, så han fekk stor rikdom og ære.

<sup>6</sup>Med frimodig hjarte følgde han Herrens vegar, og han fjerna òg offerhaugane og Asjera-pålane frå Juda.

<sup>7</sup>I det tredje styringsåret sitt sende Josjafat nokre av stormennene sine ut for å undervisa folket i Juda-byane. Det var Ben-Hajil, Obadja, Sakarja, Netanel og Mikaja.

<sup>8</sup>Saman med dei sende han levittane Sjemaja, Netanja, Sebadja, Asael, Sjemiramot, Jonatan, Adonja, Tobia og Tob-Adonja, levittar alle saman, dessutan prestane Elisjama og Joram.

<sup>9</sup>Når dei underviste i Juda, hadde dei Herrens lovbok med seg. Dei drog omkring i alle Juda-byane og underviste folket.

<sup>10</sup>Ei redsle for Herren var komen over alle land og rike som låg kring Juda, så dei ikkje gjekk til krig mot Josjafat.

<sup>11</sup>Nokre av filistrane kom til Josjafat med gåver og med sølv som avgift. Arabarane òg kom til han med småfe, sju tusen sju hundre vêrar og sju tusen sju hundre bukkar.

<sup>12</sup>Slik fekk Josjafat større og større makt, og han bygde borger og forrådsbyar i Juda.

<sup>13</sup>Han hadde store arbeid i gang i Juda-byane og stridsmenn, djerve krigarar, i Jerusalem.

<sup>14</sup>Slik var dei mønstra, slekt for slekt: Førarane for tusen i Juda var: Adna, som var førar for 300 000 djerve krigarar;

<sup>15</sup>jamsides han Johanan, som var førar for 280 000;

<sup>16</sup>og jamsides han Amasja, son til Sikri, som frivillig hadde gått i Herrens teneste, og saman med han 200 000 djerve krigarar.

<sup>17</sup>Frå Benjamin var det Eljada, ein djerv krigar, og saman med han 200 000 mann som var væpna med boge og skjold,

<sup>18</sup>og jamsides han Josabad med 180 000 våpenføre menn.

<sup>19</sup>Dette var dei som stod i teneste hos kongen, forutan dei som kongen hadde lagt i festningsbyane i heile Juda.

## 2. Krønikebok 18

### Kong Ahab og profeten Mika

<sup>1</sup>Josjafat fekk stor rikdom og ære, og han knytte slektsband til Ahab.

<sup>2</sup>Nokre år seinare drog han ned til Ahab i Samaria. Ahab slakta ei stor mengd med småfe og storfe for han og dei mennene han hadde med seg, og overtala han til å dra opp mot Ramot i Gilead.

<sup>3</sup>«Vil du gå med meg mot Ramot i Gilead?» sa Ahab, Israels-kongen, til Josjafat, Juda-kongen. Og han svara: «Eg som du, mitt folk som ditt folk. Vi går med deg i krigen.»

<sup>4</sup>Men sidan sa Josjafat til Israels-kongen: «Spør først Herren til råds!»

<sup>5</sup>Då samla Israels-kongen profetane, fire hundre mann, og spurde dei: «Skal vi dra i krig mot Ramot i Gilead, eller skal eg la det vera?» Dei svara: «Far opp! Gud vil gje byen i kongens hender.»

<sup>6</sup>Men Josjafat sa: «Er det ingen annan av Herrens profetar her som vi òg kunne spørja?»

<sup>7</sup>Israels-kongen svara: «Det finst endå ein som vi kunne få til å spørjaHerren. Men eg hatar han, for han profeterer aldri noko godt om meg, men alltid vondt. Det er Mika, son til Jimla.» Josjafat sa: «Kongen skulle ikkje tala så!»

<sup>8</sup>Då ropa Israels-kongen på ein av hoffmennene og sa: «Skund deg og hent Mika, son til Jimla!»

<sup>9</sup>Israels-kongen og Josjafat, Juda-kongen, sat i kongeleg skrud på kvar sin kongsstol, på ein treskjeplass ved byporten i Samaria, og alle profetane stod framfor dei og profeterte.

<sup>10</sup>Sidkia, son til Kenaana, laga seg horn av jern og sa: «Så seier Herren: Med desse skal du stanga aramearane til det er ute med dei.»

<sup>11</sup>Alle profetane profeterte like eins og sa: «Far opp mot Ramot i Gilead, så skal du ha lukka med deg. Herren vil gje byen i kongens hender.»

<sup>12</sup> Sendebodet som hadde gått for å henta Mika, sa til han: «Høyr! Profetane seier med éin munn at det skal gå kongen vel. Lat no ditt ord vera som deira og spå godt, du òg!»

<sup>13</sup>Men Mika svara: «Så sant Herrenlever: Det min Gud seier, må eg tala.»

<sup>14</sup>Då han kom fram, sa kongen til han: «Mika, skal vi dra i krig mot Ramot i Gilead, eller skal eg la det vera?» Han svara: «Far opp dit, så skal de ha lukka med dykk! Dei skal gjevast i dykkar hender.»

<sup>15</sup>Men kongen sa til han: «Kor mange gonger skal eg la deg sverja på at du ikkje seier meg anna enn sanninga i Herrensnamn?»

<sup>16</sup> Då sa Mika: «Eg såg heile Israel spreidd utover fjella som sauer utan gjetar. Og Herren sa: Dei har ingen herre. Lat dei fara heim att i fred, kvar til sitt!»

<sup>17</sup>Då sa Israels-kongen til Josjafat: «Var det ikkje det eg sa til deg? Han profeterer aldri noko godt om meg, berre vondt.»

<sup>18</sup> Mika sa: Så høyr då Herrens ord! Eg såg Herren sitja på kongsstolen sin, og heile himmelhæren stod på høgre og venstre sida hans.

<sup>19</sup>Då spurde Herren: «Kven vil lokka Ahab, Israels-kongen, så han fer opp mot Ramot i Gilead og fell der?» Ein svara så og ein annan så.

<sup>20</sup>Då gjekk ei ånd fram, stilte seg for Herrens andlet og sa: «Eg skal lokka han.» «Korleis?» spurde Herren.

<sup>21</sup>Ho svara: «Eg vil fara av stad og vera ei løgnarånd i munnen på alle profetane hans.» Då sa Herren: «Ja, du skal lokka han, og det skal lukkast for deg òg. Far av stad og gjer så!»

<sup>22</sup>Så har då Herren lagt ei løgnarånd i munnen på desse profetane dine. Herren har varsla ulukke for deg.

<sup>23</sup> Då gjekk Sidkia, son til Kenaana, bort og slo Mika på kinnet og sa: «Korleis har Herrens ande fare over frå meg for å tala gjennom deg?»

<sup>24</sup>Mika svara: «Det skal du få sjå den dagen du flyktar frå rom til rom for å gøyma deg.»

<sup>25</sup>Då sa Israels-kongen: «Ta Mika og før han bort til bykommandanten Amon og kongssonen Joasj

<sup>26</sup> og sei: Så seier kongen: Set denne mannen i fengsel! Lat han berre få små rasjonar med brød og vatn til eg kjem uskadd heim att.»

<sup>27</sup>Mika sa: «Kjem du uskadd heim att, så har ikkje Herren tala gjennom meg.» Og han la til: «Høyr dette, alle folk!»

### **Ahab fell**

<sup>28</sup> Så drog Israels-kongen og Josjafat, Juda-kongen, opp mot Ramot i Gilead.

<sup>29</sup>Israels-kongen sa til Josjafat: «Eg vil kle meg ut før eg går i striden. Men du kan ha på deg dei vanlege kleda dine.» Så kledde Israels-kongen seg ut, og dei drog ut i krigen.



<sup>30</sup>Aramearkongen hadde gjeve dette bodet til kommandantane for stridsvognene sine: «De skal ikkje kjempa mot høg eller låg, men berre mot Israels-kongen.»

<sup>31</sup>Då vognkommandantane fekk auge på Josjafat, sa dei: «Det må vera Israels-kongen.» Så omringa dei han og gjekk til åtak. Då sette Josjafat i å ropa høgt, og Herren hjelpte han. Gud lokka dei bort frå han.

<sup>32</sup>Då vognkommandantane såg at det ikkje var Israels-kongen, vende dei seg frå han.

<sup>33</sup> Men ein mann spente bogen og skaut på måfå. Han råka Israels-kongen mellom brynjeplatene. Då sa kongen til vognstyraren sin: «Snu og køyr meg vekk frå slaget! Eg er såra.»

<sup>34</sup>Kampen vart hardare og hardare utover dagen, og dei heldt Israels-kongen oppreist i vogna under striden mot aramearane til kvelden kom. Men då sola gjekk ned, døydde han.

## 2. Krønikebok 19

### Josjafat syter for lov og rett

<sup>1</sup>Josjafat, Juda-kongen, vende uskadd heim att til Jerusalem.

<sup>2</sup> Då steig sjåaren Jehu, son til Hanani, fram for kong Josjafat og sa: «Korleis kan du hjelpa den urettferdige og elska dei som hatar Herren? Det er diforHerrens vreide har kome over deg.

<sup>3</sup> Men noko godt finst det hos deg. Du har fjerna Asjera-pålane frå landet og lagt heile ditt hjarte i å søkja Gud.»

<sup>4</sup>Josjafat budde no i Jerusalem. Derifrå drog han ut mellom folket frå Beer-Sjeba til Efraims fjelland. Han fekk dei til å venda attende til Herren, deira fedrars Gud.

<sup>5</sup> Han innsette dommarar i landet, i alle festningsbyane i Juda, by for by.

<sup>6</sup> Og han sa til dommarane: «Akta vel på kva de gjer! Det er ikkje for menneske de dømmer, men for Herren. Han er med dykk når de feller dom.

<sup>7</sup>Lat no frykt for Herren vera over dykk! Pass på kva de gjer, for hos Herren vår Gud finst det ingen urett. Han gjer ikkje skil på folk og lèt seg ikkje kjøpa.»

<sup>8</sup>I Jerusalem òg sette Josjafat nokre av levittane og prestane og nokre av leiarane for familiane i Israel til å dømme på Herrens vegner og til å avgjera saker mellom innbyggjarane i Jerusalem.

<sup>9</sup>Han gav dei dette påbodet: «Slik skal de gjera med frykt for Herren, i truskap og med heilt hjarte:

<sup>10</sup>Kvar gong landsmennene dykkar, kva by dei så bur i, legg fram ei sak for dykk – anten det gjeld ei drapssak eller spørsmål om lov og bod, forskrifter og rettsreglar – då skal de åtvare dei så dei ikkje fører skuld over seg for Herren og hans vreide råkar både dykk og landsmennene dykkar. Slik må de gjera, elles fører de skuld over dykk.

<sup>11</sup>Sjå, i alle saker som høyrer inn under Herren, skal øvstepresten Amarja vera leiar for dykk, og Sebadja, son til Ismael, fyrste for Judas hus, i alle saker som høyrer inn under kongen. Og levittane skal vera tilsynsmennene dykkar. Ver sterke og gå til verket! Må Herren vera med den som gjer det gode!»

## 2. Krønikebok 20

### Herren gjev Josjafat siger

<sup>1</sup>Ei tid etter hende det at moabittane og ammonittane og saman med dei ein del me'unittar gjekk til krig mot Josjafat.

<sup>2</sup>Det kom nokon og sa til Josjafat: «Det kjem ein stor styrke mot deg frå den andre sida av sjøen, frå Edom. Dei er alt i Haseson-Tamar» – det er En-Gedi.

<sup>3</sup>Då vart Josjafat redd, og han vende seg til Herren for å spørja han til råds. Så ropa han ut ei faste over heile Juda.

<sup>4</sup>Judearane samla seg og ville spørja Herren til råds. Frå alle Juda-byane kom dei for å be Herren om råd.

- <sup>5</sup>Josjafat steig fram i forsamlinga av folk frå Juda og Jerusalem, i Herrens hus, framfor den nye føregarden,
- <sup>6</sup>og sa: Herre, våre fedrars Gud! Det er du som er Gud i himmelen, og som rår over alle kongerika til folkeslaga! I di hand er makt og velde, og ingen kan stå seg mot deg.
- <sup>7</sup>Du, vår Gud, dreiv ut dei som budde i dette landet for Israel, folket ditt, og du gav ætta til Abraham, venen din, landet for alltid.
- <sup>8</sup>Der busette dei seg, og der bygde dei ein heilagdom for namnet ditt og sa:
- <sup>9</sup>«Om noko vondt kjem over oss, sverd, straff, pest eller svolt, då vil vi gå fram for dette huset, for ditt andlet; for i dette huset bur namnet ditt. Vi vil ropa til deg i vår naud, og du vil høyra og frelsa.»
- <sup>10</sup>Sjå no på ammonittane, moabittane og folket frå fjellandet Se'ir! Du lét ikkje israelittane trengja inn mellom dei den gongen dei kom frå Egypt; dei bøygde av og utrydda dei ikkje.
- <sup>11</sup>Men sjå korleis dei løner oss! No kjem dei og vil driva oss bort frå din eigedom, den du gav oss til eige.
- <sup>12</sup>Vår Gud, du skal dømma dei. For vi er maktlause mot denne store styrken som kjem mot oss. Vi veit ikkje kva vi skal gjera; men auga våre er vende mot deg.
- <sup>13</sup>Alle judearane stod der for Herrens andlet med familiane sine, kvinnene og borna.
- <sup>14</sup>Midt i forsamlinga kom Herrens ande over levitten Jahasiel, son til Sakarja, son til Benaja, son til Je'iel, son til Mattanja, som var av Asaf-slekta.
- <sup>15</sup>Han sa: «Lyd etter, alle judearar og de som bur i Jerusalem, og du, kong Josjafat! Så seier Herren til dykk: Ver ikkje redde og mist ikkje motet av denne store styrken; for dette er ikkje dykkar strid, men Guds.
- <sup>16</sup>Far ned mot dei i morgon når dei er på veg oppover Sis-bakken. De kjem til å møte dei ved enden av kløfta ut mot Jeruel-ørkenen.

<sup>17</sup> Men det er ikkje de som skal strida denne gongen. De skal berre stilla dykk opp og bli ståande, så skal de sjå korleis Herren frelser dykk, Juda og Jerusalem. Ver ikkje redde og mist ikkje motet! Dra ut mot dei i morgon! Herren skal vera med dykk.»

<sup>18</sup> Då bøygde Josjafat seg med andletet mot jorda, og heile Juda og alle som budde i Jerusalem, fall ned for Herren og tilbad han.

<sup>19</sup> Dei levittane som hørde Kehat- og Korah-sønene til, reiste seg og lova Herren, Israels Gud, med høg og kraftig røyst.

<sup>20</sup> Tidleg neste morgon braut dei opp og drog ut til Tekoa-ørkenen. Med det same dei drog ut, steig Josjafat fram og sa: «Høyr på meg, de judearar og de som bur i Jerusalem! Ver tru mot Herren dykkar Gud, så skal de stå støtt! Ver tru mot profetane hans, så skal de ha lukka med dykk!»

<sup>21</sup> Då han hadde samrådd seg med folket, valde han ut songarar som skulle lovsyngja Herren i heilag prakt. Dei drog ut i spissen for krigarane medan dei song: «Pris Herren, evig varer hans miskunn!»

<sup>22</sup> Så snart dei sette i med jubelrop og lovsong, lét Herrenammonittane, moabittane og folket frå Se'ir-fjella, dei som rykte fram mot Juda, falla i bakhald. Slik vart dei slegne.

<sup>23</sup> Då vende ammonittane og moabittane seg mot folket frå Se'ir-fjella for å slå dei med bann og utrydda dei. Og då dei hadde gjort ende på folket frå Se'ir, gav dei seg til å utrydda kvarandre.

<sup>24</sup> Då judearane kom fram til utsiktspunktet over ørkenen og såg seg om etter hærstyrken, fekk dei auge på dei falne som låg døde på jorda. Ingen hadde sloppe unna.

<sup>25</sup> Josjafat og folket hans drog då dit og ville ta bytte, og dei fann ei mengd med dyr, gods, klede og kostbare ting. Dei tok meir enn dei kunne bera. Tre dagar varte plyndringa, så stort var byttet.

<sup>26</sup> Fjerde dagen samla dei seg i Beraka-dalen, for der velsigna dei Herren. Difor kalla dei denne staden Beraka-dalen, og det heiter han den dag i dag.

<sup>27</sup> Så vende dei attende, mennene frå Juda og Jerusalem, med Josjafat i spissen, og glade kom dei tilbake til Jerusalem, for Herren hadde gjeve dei grunn til å gleda seg over fiendane.

<sup>28</sup> Med harper, lyrer og trompetar drog dei inn i Jerusalem, til Herrens hus.

<sup>29</sup> Det kom redsle for Gud over alle land og rike då dei høyrde at Herren hadde kjempa mot Israels fiendar.

<sup>30</sup> No var det ro i Josjafats rike; for hans Gud lét han få fred på alle kantar.

<sup>31</sup> Såleis rådde Josjafat i Juda. Han var trettifem år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i tjuefem år. Mor hans heitte Asuba og var dotter til Sjlhi.

<sup>32</sup> Josjafat følgde den same vegen som Asa, far sin, og veik ikkje av frå den, men gjorde det som rett var i Herrens auge.

<sup>33</sup> Men offerhaugane vart ikkje nedlagde, og folket hadde endå ikkje vendt hjartet til sine fedrars Gud.

<sup>34</sup> Det som elles er å seia om Josjafat, frå først til sist, det står skrive i krønikeboka til Jehu, son til Hanani. Ho er teken med i boka om Israelskongane.

<sup>35</sup> Sidan allierte Josjafat, Juda-kongen, seg med Ahasja, Israels-kongen, han som var skuld i så mykje urett.

<sup>36</sup> Han gjekk saman med han om å byggja skip som skulle gå til Tarsis. Dei bygde skipa i Esjon-Geber.

<sup>37</sup> Då profeterte Elieser, son til Dodava frå Maresja, mot Josjafat og sa: «Fordi du har alliert deg med Ahasja, skal Herren øydeleggja verket ditt.» Skipa forliste, så dei kunne ikkje segla til Tarsis.

## 2. Krønikebok 21

<sup>1</sup> Så gjekk Josjafat til kvile hos fedrane sine. Han vart gravlagd i fedregrava i byen til David, stamfar sin, og Joram, son hans, vart konge etter han.

<sup>2</sup>Joram hadde fleire brør, søner av Josjafat. Dei heitte Asarja, Jehiel, Sakarja, Asarjahu, Mikael og Sjefatja. Alle desse var sønene til Josjafat, kongen i Israel.

<sup>3</sup>Far deira gav dei mange gåver: sølv og gull og kostbare ting, i tillegg til festningsbyar i Juda. Men kongedømet gav han til Joram, for han var den førstefødde.

### **Kong Jorams synd og straff**

<sup>4</sup>Då Joram hadde teke over kongedømet etter far sin og hadde sikra seg makta, drap han alle brørne sine med sverd og like eins nokre av leiarane i Israel.

<sup>5</sup>Joram var trettito år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i åtte år.

<sup>6</sup>I si ferd var han som dei andre kongane i Israel. Han levde slik som Ahabs hus hadde gjort, for han var gift med ei dotter til Ahab. Og han gjorde det som vondt var i Herrens auge.

<sup>7</sup>Men på grunn av pakta han hadde gjort med David, ville Herren ikkje øydeleggja Davids hus; for han hadde lova at ei lampe alltid skulle lysa for han og etterkomarane hans.

<sup>8</sup>I Jorams tid gjorde Edom opprør mot Juda og tok seg ein konge.

<sup>9</sup>Då rykte Joram ut dit med hærførarane sine og alle stridsvognene. Han braut opp om natta og slo edomittane, som hadde omringa han og kommandantane for stridsvognene.

<sup>10</sup>Etter opprøret har Edom vore skilt frå Juda til denne dag. På same tid gjorde Libna opprør mot Joram fordi han hadde forlate Herren, sine fedrars Gud.

<sup>11</sup>Han bygde òg offerhaugar i Juda-fjella, han fekk dei som budde i Jerusalem, til å driva hor, og han førte judearane på avvegar.

<sup>12</sup>Då kom det eit brev til Joram frå profeten Elia, og der stod det: Så seier Herren, Gud til David, far din: Du følgjer ikkje vegane til Josjafat, far din, og Asa, Juda-kongen.

<sup>13</sup>Men du går på dei same vegane som Israels-kongane, og slik får du judearane og dei som bur i Jerusalem, til å driva hor, slik Ahabs hus gjorde det. Du har jamvel drepe brørne dine, sønene til din eigen far, endå dei var betre enn du.

<sup>14</sup>Difor vil Herren slå både folket ditt, sønene dine og konene dine og alt det du eig, med ei stor plage.

<sup>15</sup>Og sjølv skal du bli ramma av store lidingar, ein sjukdom i innvolane som gjer at dei til sist fell ut.

<sup>16</sup>Så eggja Herren opp filistrane mot Joram, saman med dei arabarane som budde bortmed kusjittane.

<sup>17</sup>Dei drog opp mot Juda, trengde inn i landet og førte bort alt dei fann i kongeborga, og sønene hans og konene hans. Han hadde ingen søner att bortsett frå Joahas, som var yngst.

<sup>18</sup>Etter alt dette ramma Herren han med ulækjande sjukdom i tarmane.

<sup>19</sup>Til sist, då to år var lidne, førte sjukdomen til at tarmane hans fall ut, og han døydde under store smerter. Folket kveikte ikkje noko bål til ære for han, som dei hadde gjort for fedrane hans.

<sup>20</sup>Joram var trettito år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i åtte år. Så gjekk han bort, og ingen sakna han. Dei gravla han i Davidsbyen, men ikkje i kongegravene.

## **2. Krønikebok 22**

### **Kong Ahasja og mor hans**

<sup>1</sup>Dei som budde i Jerusalem, gjorde Ahasja, yngste son til Joram, til konge etter han. For alle dei eldre sønene hadde vorte drepne av ein røvarflokk som kom til leiren saman med arabarane. Såleis vart Ahasja, son til Joram, konge i Juda.

<sup>2</sup>Ahasja var førtito år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i eitt år. Mor hans heitte Atalja og var dotter til Omri.

<sup>3</sup>I si ferd var Ahasja òg som kongane av Ahabs hus, for mor hans rådde han til å gjera urett.

<sup>4</sup>Han gjorde det som vondt var i Herrens auge, slik som Ahabs hus. For dei var rådgevarane hans etter at far hans var død, og det øydela han.

<sup>5</sup>Det var etter deira råd at han saman med Israels-kongen Joram, son til Ahab, gjekk til krig mot aramearkongen Hasael ved Ramot i Gilead. Men Joram vart såra av aramearane.

<sup>6</sup>Då vende han attende til Jisreel for å få lækt dei såra som han hadde fått ved Ramot i kampen med aramearkongen Hasael. Og Juda-kongen Ahasja, son til Joram, drog ned til Jisreel og ville sjå til Joram, son til Ahab, medan han låg sjuk.

<sup>7</sup>Men Gud ville at Ahasja skulle gå til grunne når han kom til Joram. Då han kom dit, drog han saman med Joram ut mot Jehu, son til Nimsji, som Herren hadde salva til å utrydda Ahabs hus.

<sup>8</sup>Og medan Jehu heldt på å setja i verk dommen over Ahabs hus, møtte han leiarane frå Juda og brorsønene til Ahasja, som var i teneste hos kongen, og han drap dei.

<sup>9</sup>Så leita han etter Ahasja. Dei tok han medan han heldt seg løynd i Samaria. Dei førte han til Jehu og drap han. Så gravla dei han; for dei sa: «Han er ein etterkomar av Josjafat, han som søkte Herren av heile sitt hjarte.» No var det ingen att av Ahasjas hus som var i stand til å ta over kongsmakta.

<sup>10</sup>Då Atalja, mor til Ahasja, fekk vita at son hennar var død, byrja ho med ein gong å rydda ut heile kongsætta i Juda.

<sup>11</sup>Men kongsdottera Josjabat tok i løynd Joasj, son til Ahasja, bort frå dei kongssønene som skulle drepast. Ho førte han og fostermor hans inn på ein sovesal. Der gøymde Josjabat guten for Atalja, så ho ikkje kunne drepa han.



Josjabat var dotter til Joram og gift med presten Jojada. Ho var altså syster til Ahasja.

<sup>12</sup> I seks år heldt han seg løynd hos dei i Guds hus medan Atalja styrte i landet.

## 2. Krønikebok 23

### Atalja blir drepen

<sup>1</sup> Men i det sjuande året tok Jojada mot til seg og gjorde ei pakt med nokre av hundremannsførarane. Det var Asarja, son til Jeroham, Ismael, son til Johanan, Asarja, son til Obed, Maaseja, son til Adaja, og Elisjafat, son til Sikri.

<sup>2</sup> Dei fór omkring i Juda og samla levittane frå alle byane i Juda og leiarane for familiane i Israel. Så kom dei til Jerusalem.

<sup>3</sup> Der gjorde heile forsamlinga ei pakt med kongen i Guds hus. Og Jojada sa til dei: «Denne kongssonen skal vera konge, så som Herren har sagt om Davids søner.

<sup>4</sup> Dette skal de gjera: Ein tredjepart av dykk, dei prestane og levittane som kjem og gjer teneste på sabbaten, skal vakta dørene.

<sup>5</sup> Den andre tredjeparten skal vera ved kongeborga, den tredje ved Jesodporten, og alt folket skal vera i føregardane til Herrens hus.

<sup>6</sup> Men ingen må koma inn i Herrens hus så nær som prestane og dei levittane som gjer teneste. Dei kan gå inn, for dei er helga. Men alt folket må halda seg etter Herrensordning.

<sup>7</sup> Levittane skal stilla seg i ein ring rundt kongen, kvar mann med våpen i hand. Om nokon trengjer seg inn i tempelet, skal han døy. Dei må følgja kongen kvar han går og står.»

<sup>8</sup> Levittane og alle judearane gjorde i eitt og alt som presten Jojada gav ordre om. Kvar tok sine menn; dei tok både dei som gjekk på vakt på sabbaten, og dei som skulle ha avløysing. For presten Jojada hadde ikkje late skifta fara heim.

<sup>9</sup>Presten Jojada gav hundremannsførarane dei spyda og skjolda, både store og små, som hadde høyrte kong David til, og som var i Guds hus.

<sup>10</sup>Og han stilte opp alt folket i ein ring rundt kongen, kvar mann med våpen i hand, frå sørsida til nordsida av tempelet, nær ved altaret og sjølv tempelhuset.

<sup>11</sup>Så førte Jojada og sønene hans kongssonen ut, sette krona på han og gav han kongesymbola. Dei ropa han ut til konge, salva han og ropa: «Leve kongen!»

<sup>12</sup>Då Atalja høyrde ropet frå folkemengda som sprang fram og hylla kongen, gjekk ho opp til folket i Herrens hus.

<sup>13</sup>Der fekk ho sjå kongen stå ved søyla si ved inngangen, og stormennene og hornblåsarane attmed han, medan heile folket jubla og bles i trompetar og songarane leidde lovsongen med instrumenta sine. Då reiv Atalja sund kledda sine og ropa: «Svik, svik!»

<sup>14</sup>Men presten Jojada sende hundremannsførarane ut, dei som stod i spissen for hæren, og sa til dei: «Før henne ut mellom rekkjene! Følgjer nokon etter henne, skal han døy for sverd.» For presten hadde sagt: «De må ikkje drepa henne i Herrens hus.»

<sup>15</sup>Så greip dei Atalja. Dei førte henne til Hesteporten, som leier inn til kongeborga, og der drap dei henne.

<sup>16</sup>Sidan gjorde Jojada ei pakt mellom seg og folket og kongen: Dei skulle vera Herrens folk.

<sup>17</sup>Så gjekk heile folkemengda til Baal-tempelet og reiv det ned. Altara og gudebileta knuste dei, og Baal-presten Mattan drap dei framfor altara.

<sup>18</sup>Til å ha tilsyn med Herrens hus sette Jojada dei prestane og levittane som David hadde delt inn i skift til å gjera teneste i tempelet, til å bera fram brennoffer for Herren som skrive står i Moselova, med glede og song slik David ville.

<sup>19</sup>Og han sette dørvaktarar ved portane til Herrens hus, så ikkje nokon som på eit eller anna vis hadde vorte urein, skulle koma inn dit.

<sup>20</sup>Så tok han med seg hundremannsførarane, stormennene, leiarane i folket og heile folkemengda og førte kongen ned frå Herrens hus. Dei gjekk gjennom Øvreporten inn i kongeborga og sette kongen på trona.

<sup>21</sup>Heile folket jubla, og det var ro i byen. Men Atalja hadde dei drepe med sverd.

## 2. Krønikebok 24

### Kong Joasj set tempelet i stand

<sup>1</sup>Joasj var sju år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i førti år. Mor hans heitte Sibja og var frå Beer-Sjeba.

<sup>2</sup>Joasj gjorde det som rett var i Herrens auge, så lenge presten Jojada levde.

<sup>3</sup>Jojada fann to koner til han, og han fekk søner og døtrer.

<sup>4</sup>Etter ei tid sette Joasj seg føre å utbetra Herrens hus.

<sup>5</sup>Han kalla saman prestane og levittane og sa til dei: «Dra ut til byane i Juda og samla inn pengar frå alle israelittane til år for år å setja i stand huset til dykkar Gud etter som det trengst. De må skunda dykk å gjera dette!» Men levittane skunda seg ikkje.

<sup>6</sup>Då kalla kongen til seg Jojada, øvstepresten, og sa: «Kvifor har du ikkje sytt for at levittane krev inn frå Juda og Jerusalem den avgifta til teltet med vitnemålet som Moses, Herrens tenar, og Israels forsamling har fastsett?

<sup>7</sup>For den gudause Atalja og sønene hennar har trengt seg inn i Guds hus og jamvel nytta alt det heilage frå Herrens hus for Baal-gudane.»

<sup>8</sup>Så baud kongen at dei skulle laga ei kiste og setja henne utanfor porten til Herrens hus.

<sup>9</sup>Det vart kunngjort i Juda og Jerusalem at alle skulle koma til Herren med den avgifta som Moses, Guds tenar, hadde lagt på Israel i ørkenen.

<sup>10</sup>Då vart dei glade, alle stormennene og heile folket. Dei kom og kasta pengar i kista til ho var full.

<sup>11</sup>Når levittane kom med kista til kongeleg kontroll og dei såg at det var mange pengar i kista, kom skrivaren til kongen og tilsynsmannen til øvstepresten og tømde henne. Så sette dei henne på plass att. Det gjorde dei dag etter dag og samla ei mengd med pengar.

<sup>12</sup>Kongen og Jojada gav pengane til dei som stod for arbeidet på Herrenshus. Og dei leigde steinhoggarar og tømmermenn til å utbetra Herrens hus og jernsmedar og koparsmedar til å setja det i stand.

<sup>13</sup>Arbeidsleiarane sette arbeidet i gang, og under deira leiing gjekk utbetringane framover. Dei sette Guds hus i stand att etter dei mål det skulle ha, og gjorde det sterkare enn før.

<sup>14</sup>Då dei var ferdige, bar dei resten av pengane til kongen og Jojada, som nytta dei til å laga utstyr til Herrens hus: reiskapar til tenesta og ofringa, skåler og anna utstyr av gull og sølv. Så lenge Jojada levde, bar dei dagleg fram brennoffer i Herrens hus.

<sup>15</sup>Jojada vart gammal og mett av dagar. Han var hundre og tretti år gammal då han døydde.

<sup>16</sup>Dei gravla han i Davidsbyen, saman med kongane, fordi han hadde gjort så mykje godt i Israel og for Gud og huset hans.

### **Kongens fråfall og straff**

<sup>17</sup>Då Jojada var borte, kom stormennene i Juda til kongen og kasta seg ned for han. Og kongen hørde på dei.

<sup>18</sup>Så forlét dei huset til Herren, deira fedrars Gud, og dyrka Asjera-pålar og gudebilete. Då vart Juda og Jerusalem råka av vreide fordi dei hadde gjort seg skuldige i dette.

<sup>19</sup>Herren sende dei profetar for å føra dei tilbake til seg. Profetane åtvare dei, men dei ville ikkje høyra.

<sup>20</sup> Då kom Guds ande over Sakarja, son til presten Jojada. Han steig fram for folket og sa til dei: «Så seier Gud: Kvifor bryt de Herrens bod? De kjem ikkje til å lukkast. De har forlate Herren, difor forlèt han dykk.»

<sup>21</sup> Men dei fekk i stand ei samansverjing mot han, og dei steina han i føregarden til Herrens hus på bod frå kongen.

<sup>22</sup> Kong Joasj hugsa ikkje den kjærleiken som Jojada, far til Sakarja, hadde vist han, og han drap sonen. Rett før han døydde, ropa han: «Må Herren sjå og gjengjelda dette!»

<sup>23</sup> Før året var ute, drog ein hær av aramearar opp mot kong Joasj. Dei kom til Juda og Jerusalem og utrydda alle stormennene i folket. Alt byttet dei tok, sende dei til kongen i Damaskus.

<sup>24</sup> Det var ikkje mange mann i aramearhæren som kom. Likevel lét Herren dei vinna over ein stor hær fordi judearane hadde forlate Herren, sine fedrars Gud. Såleis sette dei dommen over Joasj i verk.

<sup>25</sup> Då aramearane drog bort, lét dei han liggja att alvorleg såra. Tenarane hans svor seg saman mot han fordi han hadde teke livet av sonen til presten Jojada. Dei drap han i senga hans. Slik døydde Joasj. Dei gravla han i Davidsbyen, men ikkje i kongegravene.

<sup>26</sup> Dei som svor seg saman mot han, var Sabad, son til Sjimmat, ei kvinne frå Ammon, og Josabad, son til Sjimrit, ei kvinne frå Moab.

<sup>27</sup> Om sønene til Joasj, om dei mange profetorda mot han og om Guds hus som vart gjenreist, er det skrive i kommentarane til kongebøkene. Amasja, son hans, vart konge etter han.

## **2. Krønikebok 25**

### **Kong Amasja vinn over Edom**

<sup>1</sup> Amasja var tjuefem år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i tjueni år. Mor hans heitte Joaddan og var frå Jerusalem.

<sup>2</sup> Han gjorde det som rett var i Herrens auge, men ikkje med eit heilt hjarte.

<sup>3</sup>Så snart Amasja hadde sikra seg kongsmakta, drap han dei tenarane som hadde slege i hel far hans, kongen.

<sup>4</sup>Men borna deira drap han ikkje. Han heldt seg til det som står skrive i lovboka til Moses, der Herren byr: Fedrar skal ikkje døy for borna, og born skal ikkje døy for fedrane. Kvar og ein skal døy for si eiga synd.

<sup>5</sup>Sidan samla Amasja judearane og stilte dei opp, familie for familie, under tusenmannsførarar og hundremannsførarar i heile Juda og Benjamin. Han mønstra alle som var tjue år eller meir, og fann at det var tre hundre tusen utvalde stridsføre menn som kunne bruka spyd og skjold.

<sup>6</sup>Dessutan leigde han hundre tusen djerve krigarar frå Israel for hundre talentar sølv.

<sup>7</sup>Då kom ein gudsmann til han og sa: «Konge, lat ikkje Israels-hæren dra med deg! For Herren er ikkje med israelittane, ikkje med nokon av Efraim-sønene.

<sup>8</sup>Dra ut på eiga hand og gå modig i krigen! Elles vil Gud la deg falla for fienden. For Gud har makt både til å hjelpa og til å fella.»

<sup>9</sup>Amasja spurde gudsmannen: «Kva så med dei hundre talentane som eg har gjeve til troppane frå Israel?» Gudsmannen svara: «Herren kan gje deg meir enn det!»

<sup>10</sup>Då skilde Amasja ut troppane som var komne til han frå Efraim, og lét dei fara heim att. Dei vart brennande harme på judearane og vende heim i fullt sinne.

<sup>11</sup> Amasja styrkte stillinga si. Så førte han hæren sin til Saltdalen. Der slo han ned ti tusen mann frå Se'ir,

<sup>12</sup>og judearane tok ti tusen levande til fange. Dei førte dei opp på toppen av ein fjellknaus og støytte dei ned derifrå så dei vart knuste, alle saman.

<sup>13</sup>Men troppane som Amasja hadde sendt heim att så dei ikkje fekk dra med han i krig, plyndra byane i Juda frå Samaria til Bet-Horon. Der slo dei ned tre tusen mann og tok stort bytte.

### **Amasjas fråfall og nederlag**

**14** Då Amasja kom heim att etter at han hadde slege edomittane, hadde han gudane til folket i Se'ir med seg. Han sette dei opp som sine egne gudar, tilbad dei og tende offereld for dei.

**15** Då vart Herrenbrennande harm på Amasja og sende han ein profet som sa: «Kvifor spør du gudar til råds som ikkje kunne berga sitt eige folk or di hand?»

**16** Men då profeten tala slik til han, sa Amasja: «Har vi gjort deg til rådgjevar for kongen? Hald opp, elles blir du slegen i hel.» Då heldt profeten opp og sa: «Eg veit at Gud har sett seg føre å utrydda deg, sidan du gjorde dette og ikkje hørde på rådet mitt.»

**17** Amasja, kongen i Juda, heldt råd og sende så bod til Israels-kongen Joasj, son til Joahas, son til Jehu. «Kom, lat oss kjempa andlet til andlet!» sa han.

**18** Men Joasj, kongen i Israel, sende dette bodet tilbake til Juda-kongen Amasja: «Tistelen i Libanon sende ein gong bod til sedertreet i Libanon og sa: Lat son min få dotter di til kone! Men eit av villdyra i Libanon kom forbi og trampa tistelen ned.

**19** Du tenkjer at du har slege edomittane. Difor har du vorte overmodig og vil vinna ære. Hald deg heime! Kvifor vil du styrta deg i ulukke så du går til grunne, og Juda med deg?»

**20** Men Amasja ville ikkje høyra på han; for dette var frå Gud. Han ville gje dei over i hans hender fordi dei hadde spurt Edom-gudane til råds.

**21** Då rykte Israels-kongen Joasj ut mot Amasja, kongen i Juda. Dei kjempa andlet til andlet i Bet-Sjemesj, som ligg i Juda.

**22** Judearane vart slegne av israelittane og flykta kvar til sitt.

**23** Juda-kongen Amasja, son til Joasj, son til Joahas, vart teken til fange i Bet-Sjemesj av Joasj, Israels konge, og ført til Jerusalem. Der reiv Joasj ned fire hundre alner av bymuren, frå Efraim-porten til Hjørneporten.

<sup>24</sup>Så tok han alt gullet og sølvet og alt utstyret som fanst i Guds hus, hos Obed-Edom og i skattkammera i kongeborga, dessutan gislane. Så vende han attende til Samaria.

<sup>25</sup>Juda-kongen Amasja, son til Joasj, levde femten år etter at Israels-kongen Joasj, son til Joahas, var død.

<sup>26</sup>Det som elles er å seia om Amasja, frå først til sist, står skrive i boka om Juda- og Israels-kongane.

<sup>27</sup> Då Amasja tok til å venda seg bort frå Herren, fekk dei til ei samansverjing mot han i Jerusalem. Då flykta han til Lakisj. Men dei sende folk etter han og drap han der.

<sup>28</sup> Så førte dei han til Jerusalem på hesteryggen, og han vart gravlagd hos fedrane sine i Juda-byen.

## 2. Krønikebok 26

### Kong Ussia i Juda

<sup>1</sup> Heile folket i Juda tok Ussia, som då var seksten år gammal, til konge etter Amasja, far hans.

<sup>2</sup> Det var han som vann byen Eilat tilbake til Juda og bygde byen om til ei borg, etter at kongen hadde gått til kvile hos fedrane sine.

<sup>3</sup> Ussia var seksten år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i femtito år. Mor hans heitte Jekolja og var frå Jerusalem.

<sup>4</sup> Ussia gjorde det som rett var i Herrens auge, slik Amasja, far hans, hadde gjort.

<sup>5</sup> Han søkte Gud så lenge Sakarja levde, han som skjøna seg på gudssyn. Og så lenge han søkte Herren, gav Gud han framgang.

<sup>6</sup> Ussia drog ut og gjekk til krig mot filistrane. Han reiv ned bymurane i Gat, Jabne og Asjdod. Sidan bygde han byar ved Asjdod og andre stader hos filistrane.



<sup>7</sup>Gud hjelpte han mot filistrane, mot dei arabarane som budde i Gur-Baal, og mot me'unittane.

<sup>8</sup>Ammonittane kom med gåver til Ussia, og gjetordet om han nådde heilt til Egypt; for han hadde vorte svært mektig.

<sup>9</sup>Ussia bygde tårn i Jerusalem, på Hjørneporten og Dalporten og på murvinkelen. Slik gjorde han desse stadene sterke.

<sup>10</sup>I ørkenen bygde han òg tårn og hogg ut mange brønningar, for han hadde stor buskap både i låglandet og på høgsletta. Dessutan hadde han bønder og vindyrkarar i fjella og i hagane; for han hadde hjarte for jorda.

<sup>11</sup>Ussia hadde ein stridsfør hær, som drog ut i krig i avdelingar som var mønstra og talde av skrivaren Je'uel og tilsynsmannen Maaseja, under leining av Hananja, ein av stormennene til kongen.

<sup>12</sup>Dei djerne krigarane som var leiarar for familiar, var 2600 i talet.

<sup>13</sup>Under dei stod det ein hær på 307 500 mann. Med kraft og styrke hjelpte dei kongen i krig mot fienden.

<sup>14</sup>Heile denne hæren rusta Ussia ut med skjold og spyd, hjelmar og brynjer, bogar og slyngjesteinar.

<sup>15</sup>I Jerusalem fekk han utvikla nye og sinnrike krigsmaskinar. Dei skulle stå på tårna og murhjørna og brukast til å skyta ut piler og store steinar. Slik vart namnet til kongen kjent vide ikring, for han fekk hjelp på underfullt vis så han fekk stor makt.

<sup>16</sup>Men då han hadde fått stor makt, vart hjartet øydelagt av hovmod. Han var trulaus mot Herren sin Gud. Han gjekk inn i Herrens tempel og ville brenna røykjelse på røykjelsesaltaret.

<sup>17</sup>Men presten Asarja gjekk inn etter han saman med Herrens prestar, åtti modige menn.

<sup>18</sup>Dei stilte seg i vegen for kong Ussia og sa til han: «Du har ikkje lov til å brenna røykjelse for Herren, Ussia. Det kan berre prestane gjera, Aron-sønene

som er helga til det. Gå ut or heilagdomen! For du har vore trulaus, og det gjev deg inga ære hos Herren din Gud.»

<sup>19</sup>Då vart Ussia sint der han stod med ei røykjelsesskål i handa og skulle til å brenna røykjelse. Men då han vart sint på prestane, braut det ut hudsjukdom på panna hans. Dette hende framfor prestane attmed røykjelsesaltaret i Herrens hus.

<sup>20</sup>Då Asarja, øvstepresten, og alle dei andre prestane snudde seg mot han, såg dei at han hadde ein hudsjukdom i panna. Då dreiv dei han bort derifrå med ein gong. Og sjølv var han snar til å koma seg ut, for Herren hadde rørt ved han.

<sup>21</sup>Sidan hadde kong Ussia denne hudsjukdomen til sin døyande dag. Han måtte bu i eit hus for seg sjølv fordi han var ramma av hudsjukdom, og han var utestengd frå Herrens hus. Jotam, son hans, styrte kongeborga og folket i landet.

<sup>22</sup>Det som elles er å seia om Ussia, frå først til sist, har profeten Jesaja, son til Amos, skrive opp.

<sup>23</sup>Ussia gjekk til kvile hos fedrane sine. Han vart gravlagd ute på gravstaden til kongane. For dei sa: «Han var ramma av hudsjukdom.» Jotam, son hans, vart konge etter han.

## **2. Krønikebok 27**

### **Jotams styre**

<sup>1</sup>Jotam var tjuefem år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i seksten år. Mor hans heitte Jerusja og var dotter til Sadok.

<sup>2</sup>Jotam gjorde det som rett var i Herrens auge, i eitt og alt som Ussia, far hans, hadde gjort. Men han gjekk ikkje inn i Herrens tempel. Og folket heldt fram med å gjera det som vondt var.

<sup>3</sup>Det var Jotam som bygde Øvreporten i Herrens hus, og han bygde òg mykje på Ofel-muren.

<sup>4</sup>Han bygde byar i Juda-fjella og sette opp borger og tårn i skogane.

<sup>5</sup>Han førte krig mot kongen til ammonittane og vann over dei. Ammonittane laut gje han hundre talentar sølv, ti tusen kor kveite og ti tusen kor bygg det året. Det same laut dei gje han andre og tredje året.

<sup>6</sup>Slik styrkte Jotam stillinga si fordi han var stø i si ferd for Herren sin Guds andlet.

<sup>7</sup>Det som elles er å seia om Jotam, om alle krigane hans og alt han gjorde, står skrive i boka om Israels- og Juda-kongane.

<sup>8</sup>Han var tjuefem år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i seksten år.

<sup>9</sup>Så gjekk Jotam til kvile hos fedrane sine. Dei gravla han i Davidsbyen. Ahas, son hans, vart konge etter han.

## 2. Krønikebok 28

### Ahas i krig med Aram og Israel

<sup>1</sup>Ahas var tjuve år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i seksten år. Han gjorde ikkje det som rett var i Herrens auge, så som David, stamfar hans, hadde gjort.

<sup>2</sup>Han følgde vegane til Israels-kongane og laga jamvel støypte bilete for Baal-gudane.

<sup>3</sup>Han tende offereld i Hinnom-dalen og lét sønene sine gå gjennom elden, ein avskyeleg skikk hos dei folkeslaga som Herren hadde drive bort for israelittane.

<sup>4</sup>Han ofra og tende offereld på haugane og høgdene og under kvart frodig tre.

<sup>5</sup>Så gav Herren hans Gud han i hendene på aramearkongen. Aramearane slo han og tok ei mengd fangar, som dei førte til Damaskus. Ahas vart òg gjeven i hendene på Israels-kongen, som gav han eit stort nederlag.

<sup>6</sup>Pekah, son til Remalja, drap på ein dag hundre og tjue tusen mann i Juda, alle saman djerve krigarar. Det hende fordi dei hadde forlate Herren, sine fedrars Gud.

<sup>7</sup>Sikri, ein krigar frå Efraim, drap Maaseja, kongssonen, og Asrikam, borgherren, og Elkana, som var nest etter kongen.

<sup>8</sup>Israelittane tok to hundre tusen av brørne sine som fangar, med koner, søner og døtrer. Dei tok òg eit stort bytte frå dei og førte det til Samaria.

<sup>9</sup>Der var det ein av Herrens profetar som heitte Oded. Han gjekk ut mot hæren som kom til Samaria, og sa til dei: «Høyr, Herren, dykkar fedrars Gud, var harm på judearane og gav dei over i hendene dykkar. Men de har drepe dei med slikt raseri at det har nådd heilt til himmelen.

<sup>10</sup>Og no tenkjer de på å gjera menn og kvinner frå Juda og Jerusalem til slavane dykkar. Har de ikkje sjølv skuld nok på dykk mot Herren dykkar Gud?

<sup>11</sup>Høyr no på meg! Send tilbake dei fangane som de har teke mellom brørne dykkar! For Herrens brennande vrede er over dykk.»

<sup>12</sup>Då steig nokre av dei fremste mennene i Efraim fram mot dei som var komne att frå krigen. Det var Asarja, son til Johanan, Berekja, son til Mesjillemot, Hiskia, son til Sjallum, og Amasa, son til Hadlai.

<sup>13</sup>Dei sa: «Før ikkje fangane hit! Har de tenkt å la endå større synd og skuld koma over oss, vi som alt er skuldige for Herren? Stor er skulda vår, og Herrens brennande vrede er over Israel.»

<sup>14</sup>Då sleppte soldatane fangane fri og gav frå seg byttet, rett for auga på stormennene og heile forsamlinga.

<sup>15</sup> Dei mennene som er nemnde med namn, stod fram og tok seg av fangane. Dei kledde alle som var nakne, med klede frå byttet. Dei gav dei både klede og skor, mat og drikke og salva dei. Alle som hadde vondt for å gå, sette dei opp på esel og førte dei til landsmennene deira i Jeriko, Palme-byen. Så fór dei heim att til Samaria.

### **Ahas er trulaus mot Herren**

<sup>16</sup> På same tid sende kong Ahas bod til kongen av Assur og bad om hjelp.

<sup>17</sup>For edomittane òg kom og slo judearane og førte bort fangar.

<sup>18</sup>Og filistrane plyndra Juda-byane, både i låglandet og i Negev. Dei tok Bet-Sjemesj, Ajjalon og Gederot, Soko med landsbyane som høyrde til, Timna med landsbyar og Gimso med landsbyar. Og dei busette seg der.

<sup>19</sup>For Herren ville audmjuka Juda på grunn av Ahas, kongen over Israel. Han hadde ikkje halde Juda i taumar, han hadde vore trulaus mot Herren.

<sup>20</sup> Men Tiglat-Pileser, kongen av Assur, drog ut mot han og kringsette han i staden for å hjelpa.

<sup>21</sup>Ahas plyndra både Herrens hus og kongeborga, han tok frå stormennene og gav til kongen av Assur, men det hjelpte han ikkje.

<sup>22</sup>Jamvel under kringsetjinga heldt han fram med å vera trulaus mot Herren. Såleis var kong Ahas.

<sup>23</sup>Han ofra til gudane i Damaskus, som hadde vunne over han, og sa: «Sidan gudane til aramearkongane har hjelpt dei, vil eg ofra til dei så dei kan hjelpa meg.» Men dei vart til fall for han og for heile Israel.

<sup>24</sup>Ahas samla òg alt utstyret som var i Guds hus, og slo det sund. Så stengde han dørene til Herrens hus og laga seg altar i kvart hjørne av Jerusalem.

<sup>25</sup>I kvar einaste by i Juda laga han offerhaugar og tende offereld for andre gudar. Slik gjorde han Herren, sine fedrars Gud, rasande.

<sup>26</sup>Det som elles er å seia om Ahas og det han gjorde, frå først til sist, står skrive i boka om Juda- og Israels-kongane.

<sup>27</sup> Ahas gjekk til kvile hos fedrane sine. Dei gravla han i Jerusalem, inne i byen; men dei la han ikkje i Israels kongegraver. Hiskia, son hans, vart konge etter han.

## 2. Krønikebok 29

### Kong Hiskias reform

<sup>1</sup> Hiskia vart konge då han var tjuefem år gammal, og han styrte i Jerusalem i tjue år. Mor hans heitte Abia og var dotter til Sakarja.

<sup>2</sup>Hiskia gjorde det som rett var i Herrens auge, i eitt og alt slik David, stamfar hans, hadde gjort.

<sup>3</sup>I det første styringsåret sitt, i den første månaden, opna han dørene til Herrens hus og sette dei i stand.

<sup>4</sup>Så lét han prestane og levittane koma, og han samla dei på den opne plassen i aust.

<sup>5</sup>Han sa til dei: «Høyr på meg, de levittar! No skal de helga dykk sjølve og helga huset til Herren, dykkar fedrars Gud, og få ureinkapen ut or heilagdomen!

<sup>6</sup>For fedrane våre har vore trulause. Dei har gjort det som vondt er i Herrensauge, og forlate han. Dei har vendt andletet bort frå Herrens bustad og snudd ryggen til.

<sup>7</sup>Dei har jamvel stengt dørene til forhallen og sløkt lampene, og dei har ikkje brent røykjelse. Dei har heller ikkje bore fram brennoffer i heilagdomen for Israels Gud.

<sup>8</sup>Difor er Herrens harme komen over Juda og Jerusalem. Han har gjeve dei over til redsle, øydelegging og spott, som de ser med eigne auge.

<sup>9</sup>Sjå, difor er fedrane våre falne for sverd, og sønene og døtrene og konene våre er i fangenskap.

<sup>10</sup>No ligg det meg på hjartet å gjera ei pakt med Herren, Israels Gud, så den brennande vreiden hans kan venda seg frå oss.

<sup>11</sup>Ver no ikkje likesæle, sønene mine! For dykk har Herren valt ut til å stå for hans andlet og tena han, til å vera tenarane hans og brenna røykjelse.»

<sup>12</sup>Då stod desse levittane fram: av Kehat-sønene Mahat, son til Amasai, og Joel, son til Asarja; av Merari-sønene Kisj, son til Abdi, og Asarja, son til Jehallelel; av Gersjon-sønene Joah, son til Simma, og Eden, son til Joah;

<sup>13</sup>av Elisafan-sønene Sjimri og Je'uel; av Asaf-sønene Sakarja og Mattanja;

<sup>14</sup>av Heman-sønene Jehuel og Sjimi; av Jedutun-sønene Sjemaja og Ussiël.

<sup>15</sup>Då dei hadde samla brørne sine og helga seg, gjekk dei inn i Herrens hus for å reinsa det, som kongen hadde bode dei etter Herrens ord.

<sup>16</sup>Så gjekk prestane inn i Herrens hus for å reinsa det. Alt ureint som dei fann i Herrens tempel, bar dei ut i føregarden. Der tok levittane imot det og førte det ut til Kedron-dalen.

<sup>17</sup>Den første dagen i den første månaden tok dei til med vigslinga, og den åttande dagen var dei komne til Herrensforhall. Så helga dei tempelet i åtte dagar, og den sekstande dagen i den første månaden var dei ferdige.

<sup>18</sup>Då gjekk dei inn til kong Hiskia og sa: «Vi har reinsa heile Herrenshus, brennofferaltaret med alt som høyrer til, og skodebrødsbordet med alt som høyrer til.

<sup>19</sup> Vi har sett i stand og helga alt det utstyret som Ahas i si truløyse fjerna då han var konge. No står det på plass ved Herrensaltar.»

<sup>20</sup>Tidleg neste morgon samla kong Hiskia stormennene i byen og gjekk opp til Herrens hus.

<sup>21</sup>Dei kom med sju oksar, sju vêrar, sju lam og sju geitebukkar til syndoffer for riket, for heilagdomen og for judearane. Og kongen baud Aron-sønene, prestane, å ofra dei på Herrens altar.

<sup>22</sup>Dei slakta oksane, og prestane tok imot blodet og stenka det på altaret. Så slakta dei vêrane og stenka blodet på altaret. Og dei slakta lamma og stenka blodet på altaret.

<sup>23</sup>Sidan leidde dei syndofferbukkane fram for kongen og forsamlinga. Dei la hendene sine på dei.

<sup>24</sup>Prestane slakta dei og bar fram blodet til altaret som eit syndoffer, til soning for heile Israel. For kongen hadde sagt at brennofferet og syndofferet skulle vera for heile Israel.

<sup>25</sup> Så lét han levittane stilla seg opp i Herrens hus med symbalar, harper og lyrer, som David og Gad, sjåaren til kongen, og Natan, profeten, hadde bode.

For det var Herren sjølv som hadde gjeve dette påbodet gjennom profetane sine.

<sup>26</sup> Så stod då levittane der med musikkinstrumenta til David, og prestane med trompetar.

<sup>27</sup> Då baud Hiskia at brennofferet skulle berast fram på altaret. Og med det same ofringa tok til, sette songen for Herren og trompetane i, saman med instrumenta til David, Israels konge.

<sup>28</sup> Heile forsamlinga bøygde seg og tilbad medan songen ljoma og trompetane klang, og det heldt ved til ofringa var slutt.

<sup>29</sup> Då dei var ferdige med ofringa, fall dei på kne og tilbad, både kongen og alle som var saman med han.

<sup>30</sup> Så baud kong Hiskia og stormennene at levittane skulle lovsyngja Herren med ord av David og sjåaren Asaf. Og dei song lovsongar med stor glede og bøygde seg ned i tilbeding.

<sup>31</sup> Då tok Hiskia til orde og sa: «De har no vigd dykk til Herren. Kom, ber fram slaktoffer og takkoffer til Herrens hus!» Og forsamlinga kom med slaktoffer og takkoffer, og alle som hadde eit villig hjarte, kom med brennoffer òg.

<sup>32</sup> Talet på dei brennoffera som forsamlinga bar fram, var sytti oksar, hundre vêrar og to hundre lam. Alt dette var til brennoffer for Herren.

<sup>33</sup> Dei andre heilage offergåvene var seks hundre oksar og tre tusen sauer.

<sup>34</sup> Men prestane var for få til å flå alle brennofferdyra. Difor fekk dei hjelp av levittane, brørne sine, til arbeidet var fullført og alle prestane hadde helga seg. For levittane hadde helga seg av eit oppriktig hjarte, meir enn prestane.

<sup>35</sup> Attåt den store mengda med brennoffer kom feittet av fredsoffera og drikkoffera som hørde brennoffera til. Såleis kom tenesta i Herrens hus i rett skikk.

<sup>36</sup> Hiskia og heile folket gledde seg over det som Gud hadde gjort for folket, for alt hadde gått så fort.



## 2. Krønikebok 30

### Folket held påske

<sup>1</sup> Hiskia sende bod ikring i heile Israel og Juda, han skreiv òg brev til Efraim og Manasse, om at dei skulle koma til Herrens hus i Jerusalem og halda påske for Herren, Israels Gud.

<sup>2</sup> Kongen, stormennene og heile forsamlinga i Jerusalem hadde vorte samde om å halda påske i den andre månaden.

<sup>3</sup> Dei kunne ikkje gjera det til rett tid, for det var ikkje prestar nok som hadde helga seg, og folket var enno ikkje samla i Jerusalem.

<sup>4</sup> Både kongen og heile forsamlinga tykte det var rett å gjera det såleis.

<sup>5</sup> Difor sette dei seg føre å senda ut ei kunngjering i heile Israel, frå Beer-Sjeba til Dan, om at folk skulle koma og halda påske i Jerusalem for Herren, Israels Gud. For det var få som hadde halde påske etter forskriftene.

<sup>6</sup> Etter kongens ordre drog ilbod omkring i heile Israel og Juda med breva frå kongen og stormennene: «Israelittar, vend om til Herren, Abrahams, Isaks og Israels Gud, så skal han venda seg til den resten av dykk som har sloppe unna handa til assyrarkongen.

<sup>7</sup> Ver ikkje som fedrane og brørne dykkar! Dei var trulause mot Herren, sine fedrars Gud. Då gav han dei over til øydelegging, som de sjølve ser.

<sup>8</sup> Ver no ikkje stivnakka som fedrane dykkar! Gjev Herrenhanda og kom til heilagdomen hans, som han har helga for alle tider. Ten Herren dykkar Gud, så den brennande vreiden hans kan venda seg frå dykk.

<sup>9</sup> For om de vender om til Herren, skal brørne og borna dykkar møta miskunn hos dei som held dei fanga, så dei får koma tilbake til dette landet. For Herren dykkar Gud er nådig og miskunnsam. Han vender ikkje sitt andlet bort frå dykk, så sant de vender om til han.»

<sup>10</sup> Ilboda drog frå by til by gjennom Efraims og Manasses land og heilt til Sebulon. Men folk berre lo av dei og hånte dei.

- <sup>11</sup>Likevel var det somme frå Asjer, Manasse og Sebulon som audmjuka seg og kom til Jerusalem.
- <sup>12</sup>I Juda òg var Guds hand verksam, så folket heilhjarta gjorde det som kongen og stormennene hadde påbode etter Herrens ord.
- <sup>13</sup>Det samla seg mykje folk i Jerusalem for å feira høgtida med usyra brød i den andre månaden. Det vart ei svært stor forsamling.
- <sup>14</sup>Dei gjekk i gang med å fjerna dei altara som fanst i Jerusalem. Og alle røkjelsesaltara tok dei og kasta i Kedron-dalen.
- <sup>15</sup>Så slakta dei påskelammet den fjortande dagen i den andre månaden. Prestane og levittane var skamfulle, og dei helga seg og kom med brennoffer til Herrens hus.
- <sup>16</sup>Dei stod på plassane sine, slik det var føreskrive i lova til gudsmannen Moses. Og prestane stenka blodet som levittane gav dei.
- <sup>17</sup>Det var mange i forsamlinga som ikkje hadde helga seg. Difor slakta levittane påskelamma for alle som ikkje var reine, for å helga dei til Herren.
- <sup>18</sup>For ein stor del av folket, mange frå Efraim, Manasse, Jissakar og Sebulon, hadde ikkje reinsa seg. Likevel åt dei påskelammet, i strid med forskriftene. Hiskia bad for dei og sa: «Herren er god, han vil gje forsoning
- <sup>19</sup>til kvar den som av heile sitt hjarte søkjer Gud Herren, sine fedrars Gud, sjølv om han ikkje oppfyller krava som gjeld for reinleik i heilagdomen.»
- <sup>20</sup>Og Herren høyrde bøna til Hiskia og lækte folket.
- <sup>21</sup>Israelittane som var i Jerusalem, feira høgtida med usyra brød i sju dagar med stor glede. Og levittane og prestane lova Herren av all kraft dag etter dag.
- <sup>22</sup>Hiskia rosa alle dei levittane som hadde vist god forstand i Herrens teneste. I sju dagar feira dei høgtida. Dei slakta fredsoffer og takka Herren, sine fedrars Gud.

<sup>23</sup>Men så vart heile forsamlinga samd om å halda høgtid endå i sju dagar. Desse sju dagane feira dei òg med glede.

<sup>24</sup>Hiskia, kongen i Juda, gav forsamlinga tusen oksar og sju tusen sauer, og stormennene gav tusen oksar og ti tusen sauer. Og ei mengd med prestar helga seg.

<sup>25</sup>Heile Juda-forsamlinga gledde seg saman med prestane og levittane og alle som var komne saman frå Israel. Det gjorde innflyttarane òg, anten dei var komne frå Israel eller dei budde i Juda.

<sup>26</sup>Gleda var stor i Jerusalem, for noko slikt hadde ikkje hendt i Jerusalem sidan den tid då Salomo, son til David, var konge i Israel.

<sup>27</sup>Prestane og levittane reiste seg og velsigna folket. Røysta deira vart høyrd, og bønna deira nådde opp til himmelen, til hans heilage bustad.

## 2. Krønikebok 31

### Tempelreforma

<sup>1</sup>Då dei var ferdige med alt dette, drog alle dei israelittane som var der, av stad til byane i Juda. Dei slo sund steinstøttene, hogg ned Asjera-pålane og reiv ned offerhaugane og altara i heile Juda og Benjamin, i Efraim og Manasse, til det ikkje var noko att av dei. Så vende alle israelittane heim att til byane sine, kvar til sin eigedom.

<sup>2</sup>Hiskia fastsette på nytt skiftordninga for prestane og levittane. Kvar prest og levitt fekk si særskilde teneste. Dei skulle bera fram brennoffer og fredsoffer, gjera teneste og syngja takke- og lovsongar ved portane til Herrens leir.

<sup>3</sup>Kongen gav ein del av det han eigde, til brennoffera som skulle berast fram morgon og kveld, på sabbatane, nymånedagane og høgtidene, som skrive står i Herrens lov.

<sup>4</sup>Han sa òg at folket som budde i Jerusalem, skulle gje prestane og levittane den delen dei skulle ha, så dei kunne halda fast ved Herrens lov.

<sup>5</sup>Då dette påbodet vart kjent, kom israelittane med førstegrøde i stor mengd, av korn og ny vin, fin olje og honning og av alt det dei elles dyrka på marka. Dei kom òg med rikeleg tiend av alt.

<sup>6</sup>Dei israelittane og judearane som budde i Juda-byane, gav òg tiend av storfe og småfe, og dei kom med heilage gåver som var vigsla til Herren deira Gud. Dei bar dei fram og la dei i haug etter haug.

<sup>7</sup>I den tredje månaden tok dei til å leggja opp haugane, og i den sjuande månaden var dei ferdige.

<sup>8</sup>Då Hiskia og stormennene kom og fekk sjå haugane, velsigna dei Herren og Israel, folket hans.

<sup>9</sup>Hiskia spurde seg for hos prestane og levittane om desse haugane.

<sup>10</sup>Øvstepresten Asarja, som var av Sadoks hus, svara han: «Heilt frå det tok til å koma offergåver til Herrens hus, har vi ete oss mette og endå hatt rikeleg til overs. For Herren har velsigna folket sitt. Difor har vi alt dette att.»

<sup>11</sup>Då sa Hiskia at dei skulle gjera i stand rom i Herrens hus, og dei så gjorde.

<sup>12</sup>Folket kom då trufast med offergåvene, tienda og dei heilage gåvene. Levitten Konanja hadde hovudansvaret for gåvene, og Sjimi, bror hans, var nest etter han.

<sup>13</sup>Under Konanja og Sjimi, bror hans, stod andre tilsynsmenn: Jehiel, Asasja, Nahat, Asael, Jerimot, Josabad, Eliel, Jismakja, Mahat og Benaja. Dei var utpeika av kong Hiskia og Asarja, som hadde hovudansvaret for Guds hus.

<sup>14</sup>Kore, son til levitten Jimna, som heldt vakt ved Austporten, hadde ansvaret for dei frivillige gåvene til Gud. Han skulle dela ut Herrens offergåver og dei høgheilage gåvene.

<sup>15</sup>Under han stod Eden, Minjamin, Jesjua, Sjemaja, Amarja og Sjekanja, som hjelpte han trufast i alle prestebyane. Dei skulle dela ut gåvene til brørne sine, både store og små, i skift for skift,

<sup>16</sup>til alle menn og gutar som var tre år eller meir, anten dei var oppskrivne i slektsregistra eller ikkje, alle som dag etter dag kom til Herrens hus og gjorde tenesta si og tok vaktene sine, skift for skift.

<sup>17</sup>Prestane var oppskrivne i slektsregisteret etter familiane sine, og levittane som var tjue år eller meir, etter vaktene sine, skift for skift.

<sup>18</sup>Alle var oppskrivne med heile familien sin, med koner, søner og døtrer, for dei skulle helga seg med truskap.

<sup>19</sup>For dei av Aron-sønene, prestane, som budde på markene kring byane sine, var det i kvar by utpeika nokre menn, nemnde med namn, som skulle dela ut det som fall på alle menn og gutar av presteslekt og på alle som var oppskrivne i registeret over levittane.

<sup>20</sup>Såleis gjorde Hiskia i heile Juda; han gjorde det som var godt, rett og sant for Herren sin Gud.

<sup>21</sup>I alt han tok seg føre, anten det gjaldt tenesta i Guds hus eller lova og boda, søkte han Gud av heile sitt hjarte, og det lukkast for han.

## 2. Krønikebok 32

### Kong Sanheribs åtak på Juda

<sup>1</sup>Etter at Hiskia trufast hadde utført alt dette, rykte Sanherib, kongen av Assur, inn i Juda. Han kringsette festningsbyane der og sa at han ville ta dei med makt.

<sup>2</sup>Då Hiskia fekk sjå at Sanherib var komen og ville gå til krig mot Jerusalem,

<sup>3</sup>samrødde han seg med stormennene og krigsheltane sine om å tetta for vatnet i kjeldene utanfor byen, og dei støtta han i det.

<sup>4</sup>Det samla seg då mykje folk, og dei tetta att alle kjeldene og elva som renn gjennom landet. Dei sa: «Kvifor skulle kongen av Assur koma og finna rikeleg med vatn?»

<sup>5</sup>Kongen styrkte makta si. Han bygde opp att heile den delen av muren som var nedriven, og reiste tårn på han. Han førte opp ein ny mur utanfor den

gamle, og han gjorde Millo i Davidsbyen sterkare. Han fekk laga ei mengd med våpen og skjold.

<sup>6</sup>Så sette han hærførarar over folket, samla dei hos seg på plassen framfor byporten og tala oppmuntrande til dei:

<sup>7</sup>«Ver modige og sterke! Ver ikkje redde og lat dykk ikkje skremma av assyrarkongen og heile den hæren han har med seg. For den som er med oss, er større enn den som er med han.

<sup>8</sup>Berre menneskeleg styrke er med han, men Herren vår Gud er med oss. Han skal hjelpa oss og føra våre krigar.» Og folket vart styrkt av orda til Hiskia, Juda-kongen.

<sup>9</sup>Etter dette sende Sanherib, kongen av Assur, som låg ved Lakisj med heile stridsmakta si, nokre av mennene sine til Jerusalem, til Hiskia, Juda-kongen, og alle judearane som var i Jerusalem. Dei skulle seia:

<sup>10</sup>«Så seier Sanherib, kongen av Assur: Kva er det de set dykkar lit til, sidan de blir verande når Jerusalem er kringsett?

<sup>11</sup>Hiskia villeier dykk, og han vil la dykk døy av svolt og tørste når han seier: ‘Herren vår Gud skal berga oss frå handa til kongen av Assur.’

<sup>12</sup>Har ikkje denne Hiskia teke bort hans offerhaugar og altar og sagt til folket i Juda og Jerusalem: ‘Berre framfor eitt altar skal de bøya dykk og tilbe, og berre på det skal de tenna offereld’?

<sup>13</sup>Veit de ikkje kva eg og fedrane mine har gjort med folka i alle andre land? Kunne gudane til desse folkeslaga berga landa sine frå mi hand?

<sup>14</sup>Kven av alle gudane til desse folkeslaga som fedrane mine slo med bann og utrydda, har kunna berga folket sitt frå mi hand? Og så skulle guden dykkar kunna berga dykk!

<sup>15</sup>Lat ikkje Hiskia få narra dykk! Lat han ikkje villeia dykk på denne måten! Tru han ikkje! For ingen gud hos noko folkeslag eller rike har kunna berga

folket sitt frå mi hand eller frå fedrane mine. Korleis kan då dykkar gud berga dykk frå mi hand?»

<sup>16</sup> Dette og mykje meir tala mennene hans mot Herren Gud og mot Hiskia, tenaren hans.

<sup>17</sup> Sanherib skreiv òg brev for å håna Herren, Israels Gud, og han spotta han slik: «Likså lite som gudane til folkeslaga rundt om i landa har berga folka sine frå mi hand, likså lite skal guden til Hiskia kunna berga sitt folk.»

<sup>18</sup> Så ropa dei med høg røyst på judeisk til folket i Jerusalem som stod på muren. Dei ville setja skrekk i dei og skremma dei, så dei kunne ta byen.

<sup>19</sup> Dei tala om Jerusalems Gud på same vis som om gudane hos andre folk på jorda, dei som er laga av menneskehand.

<sup>20</sup> Kong Hiskia og profeten Jesaja, son til Amos, bad og ropa til himmelen.

<sup>21</sup> Og Herren sende ein engel som gjorde ende på alle tapre krigarar, hovdingar og stormenn i leiren til assyrarkongen, så han med skam laut fara heim att til landet sitt. Og då han gjekk inn i huset til guden sin, kom nokre av hans eigne etterkomarar og hogg han ned med sverd.

<sup>22</sup> Slik frelste Herren Hiskia og dei som budde i Jerusalem, frå Sanherib, kongen av Assur, og frå alle andre fiendar, og gav dei ro på alle kantar.

<sup>23</sup> Det var mange som kom til Jerusalem med gåver til Herren og med verdfulle ting til Hiskia, Juda-kongen. Han var høgt æra hos alle folkeslag etter dette.

### **Siste styringsåra til Hiskia**

<sup>24</sup> På den tid vart Hiskia dødssjuk. Då bad han til Herren, og han svara han og gjorde eit under.

<sup>25</sup> Men Hiskia var ikkje takksam for den velgjerninga som han hadde røynt; hjartet hans vart hovmodig. Då kom det vreide over han og over Juda og Jerusalem.

<sup>26</sup>Men Hiskia audmjuka seg, endå så hovmodig han var, og det same gjorde dei som budde i Jerusalem. Difor kom ikkje Herrens vreide over dei så lenge Hiskia levde.

<sup>27</sup>Hiskia skaffa seg stor rikdom og ære. Han laga seg skattkammer for sølv og gull og dyre steinar, balsamolje, skjold og allslags kostesame ting.

<sup>28</sup>Han bygde lagerhus til avlinga av korn, ny vin og fin olje og fjøs til bufe av alle slag, og han la seg til buskap på båsen.

<sup>29</sup>Han bygde byar og fekk seg småfe og storfe i mengd, for Gud hadde gjeve han stor rikdom.

<sup>30</sup>Det var Hiskia som tetta att det øvre utløpet av Gihon-kjelda og leidde vatnet nedover mot vest til Davidsbyen. I alt han tok seg føre, hadde Hiskia lukka med seg.

<sup>31</sup> Slik var det òg den gongen det kom sendemenn frå stormennene i Babel. Dei var sende til han for å spørja om det underet som hadde hendt i landet den gongen Gud forlét han for å setja han på prøve og finna ut kva som budde i hjartet hans.

<sup>32</sup>Det som elles er å seia om Hiskia og truskapen hans, det står skrive i syna til profeten Jesaja, son til Amos, og i boka om Juda- og Israels-kongane.

<sup>33</sup>Hiskia gjekk til kvile hos fedrane sine. Dei gravla han i skråninga mellom gravene til Davids etterkomarar. Alle som budde i Juda og Jerusalem, viste han stor ære då han døydde. Manasse, son hans, vart konge etter han.

## **2. Krønikebok 33**

### **Juda-kongane Manasse og Amon**

<sup>1</sup> Manasse var tolv år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i femtifem år.

<sup>2</sup> Manasse gjorde det som vondt var i Herrensauge, og tok etter alle avskyelege skikkar hos dei folkeslaga Herren hadde drive bort for israelittane.



<sup>3</sup> Han bygde opp att offerhaugane som Hiskia, far hans, hadde rive ned, reiste altar for Baal-gudane og laga Asjera-pålar, og han tilbad og dyrka heile himmelhæren.

<sup>4</sup> Sjølv i Herrens hus bygde han slike altar, endå Herren hadde sagt: «I Jerusalem skal namnet mitt vera til evig tid.»

<sup>5</sup> I begge føregardane til tempelet bygde han altar for heile himmelhæren.

<sup>6</sup> Manasse lét sønene sine gå gjennom elden i Hinnom-dalen. Han dreiv med teikntyding, spådomskunster og trolldom, og han søkte råd hos åndemanarar og spåmenn. Manasse gjorde mykje som var vondt i Herrens auge, og gjorde han rasande.

<sup>7</sup> Gudebiletet som Manasse fekk laga, sette han opp i Guds hus, sjølv om Gud hadde sagt til David og Salomo, son hans: «I dette tempelet og i Jerusalem, som eg har valt ut mellom alle Israel-stammene, vil eg la namnet mitt bu til evig tid.

<sup>8</sup> Og eg vil aldri meir la Israel vandra langt bort frå det landet som eg ville at fedrane deira skulle ha, så sant dei legg vinn på å gjera alt det eg har sagt dei, og lever etter heile den lova og alle dei forskrifter og bod som dei har fått gjennom Moses.»

<sup>9</sup> Men Manasse førte dei vill, dei som budde i Juda og Jerusalem, så dei gjorde endå meir vondt enn dei folkeslaga som Herren hadde rydda ut for israelittane.

<sup>10</sup> Då tala Herren til Manasse og folket hans, men dei ville ikkje lyda etter.

<sup>11</sup> Difor lét Herren hærførarane til assyrarkongen koma mot dei. Dei fanga Manasse med krokhar, batt han med bronselenkjer og førte han til Babel.

<sup>12</sup> Men då han var i naud, bad han om velvilje for Herren sin Guds andlet. Han audmjuka seg djupt for sine fedrars Gud.

<sup>13</sup>Han bad til han og vart bønhyrd. Gud hørde ropet hans om nåde og førte han tilbake til Jerusalem og kongeriket hans. Då skjøna Manasse at det er Herren som er Gud.

<sup>14</sup> Etter dette bygde han ein ytre mur om Davidsbyen, vestafor Gihon, i dalen, fram til Fiskeporten og rundt Ofel, og han gjorde muren svært høg. Så sette han befalingsmenn i alle festningsbyane i Juda.

<sup>15</sup>Han tok bort frå Herrens hus dei framande gudane og gudebiletet. Like eins gjorde han med alle dei altara han hadde bygd på Herrens tempelberg og i Jerusalem. Han kasta dei utanfor byen.

<sup>16</sup>Så sette han i stand Herrensaltar, og der bar han fram fredsoffer og takkoffer. Og han sa til judearane at dei skulle tena Herren, Israels Gud.

<sup>17</sup>Folket heldt likevel fram med å ofra på haugane, men berre til Herren sin Gud.

<sup>18</sup>Det som elles er å seia om Manasse og bøna hans til sin Gud og dei orda sjåarane tala til han i namnet til Herren, Israels Gud, det finst i krønikeboka til Israels-kongane.

<sup>19</sup>Om bøna hans og korleis han vart bønhyrd, om all synda og truløysa hans, og om dei stadene der han bygde offerhaugar og reiste Asjera-pålar og gudebilete før han audmjuka seg, alt dette står skrive i krønikeboka til sjåarane hans.

<sup>20</sup>Manasse gjekk til kvile hos fedrane sine. Han vart gravlagd på slottsområdet, og Amon, son hans, vart konge etter han.

<sup>21</sup> Amon var tjueto år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i to år.

<sup>22</sup>Amon gjorde det som vondt var i Herrens auge, slik Manasse, far hans, hadde gjort. Amon ofra til alle dei gudebileta som Manasse, far hans, hadde laga, og dyrka dei.

<sup>23</sup>Men han audmjuka seg ikkje for Herren slik Manasse, far hans, hadde gjort. Denne Amon drog på seg endå meir skuld.

<sup>24</sup> Mennene hans svor seg saman mot han, og dei drap han i hans eige hus.

<sup>25</sup> Men folket i landet slo i hel alle som hadde svore seg saman mot kong Amon, og så tok dei Josjia, son hans, til konge etter han.

## 2. Krønikebok 34

### Kong Josjia reformerer gudsdyrkinga

<sup>1</sup> Josjia var åtte år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i trettiein år.

<sup>2</sup> Josjia gjorde det som rett var i Herrens auge. Han følgde dei same vegane som David, stamfar sin, og bøygde ikkje av, korkje til høgre eller venstre.

<sup>3</sup> I det åttande styringsåret sitt, då han endå var ung, tok han til å søkja Gud til David, stamfar sin. Og i det tolvte året tok han til å reinsa Juda og Jerusalem for offerhaugar og Asjera-pålar og for utskorne og støypte gudebilete.

<sup>4</sup> Medan han såg på, reiv dei ned altara for Baal-gudane, og røykjelsesaltara som stod oppå dei, hogg han sund. Asjera-pålane og dei utskorne og støypte bileta knuste han til støv, som han strødde på gravene til folk som hadde ofra til dei.

<sup>5</sup> Knoklane til prestane brende han på deira eigne altar. Slik reinsa han Juda og Jerusalem.

<sup>6</sup> Også i byane i Manasse, Efraim og Simon, ja, heilt til Naftali, la han alt i ruinar på alle kantar.

<sup>7</sup> Då han hadde rive ned altara og Asjera-pålane, knust dei utskorne bileta til støv og hogge ned alle røykjelsesaltara i heile Israel, vende han heim att til Jerusalem.

<sup>8</sup> I det attande styringsåret til kong Josjia, då han hadde reinsa landet og tempelet, sende han Sjafan, son til Asalja, saman med byhovdingen Maaseja

og kanslaren Joah, son til Joahas, av stad for å setja i stand huset til Herren hans Gud.

<sup>9</sup>Då dei kom til Hilkia, øvstepresten, gav dei han dei pengane som var komne inn til Guds hus. Det var dei pengane som levittane, dørvaktarane, hadde samla inn frå Manasse og Efraim og frå heile resten av Israel, frå heile Juda og Benjamin og frå dei som budde i Jerusalem.

<sup>10</sup>Dei gav pengane til arbeidsleiarane som hadde tilsyn med Herrens hus. Og dei gav dei vidare til handverkarane som arbeidde i Herrens hus med å undersøkje og reparera skadane der.

<sup>11</sup>Dei gav òg pengar til tømrrarane og bygningsmennene så dei kunne kjøpa inn hoggen stein og tømmer til tverrbjelkar. Dei skulle tømra opp att dei bygningane som Juda-kongane hadde late forfalla.

<sup>12</sup>Mennene arbeidde trufast. Levittane Jahat og Obadja av Merari-sønene og Sakarja og Mesjullam av Kehat-sønene hadde tilsynet med dei og leiinga av arbeidet. Dei levittane som var musikarar,

<sup>13</sup>hadde tilsyn med berarane og leidde alle dei som gjorde arbeid av ymse slag. Andre levittar var skrivarar, arbeidsformenn og dørvaktarar.

### **Bokrullen som vart funnen**

<sup>14</sup> Medan dei heldt på med å ta fram pengane som var innkomne til Herrens hus, fann presten Hilkia ein bokrull med Herrens lov som var gjeven ved Moses.

<sup>15</sup>Då tok Hilkia til orde og sa til riksskrivaren Sjafan: «Eg har funne ein bokrull med lova i Herrens hus.» Og han gav rullen til Sjafan.

<sup>16</sup>Sjafan tok bokrullen med seg til kongen, og samstundes melde han: «Tenarane dine gjer alt det som er pålagt dei.

<sup>17</sup>Sølvjet som fanst i Herrens hus, har dei smelta om og gjeve til tilsynsmennene og arbeidsleiarane.»

<sup>18</sup>Så fortalde han kongen: «Presten Hilkia har gjeve meg ein bokrull.» Og han las opp frå rullen for kongen.

- <sup>19</sup>Då Josjia hørde det som stod i lova, reiv han sund kleda sine.
- <sup>20</sup>Så gav han dette bodet til Hilkia og til Ahikam, son til Sjafan, Abdon, son til Mika, riksskrivaren Sjafan og kongsmannen Asaja:
- <sup>21</sup>«Gå og søk råd hos Herren for meg og for dei som er att i Israel og Juda, om det som står i denne bokrullen som er funnen. For stor er Herrens harme som blir aust ut over oss fordi fedrane våre ikkje følgde Herrens bod og ikkje gjorde alt det som er skrive i denne bokrullen.»
- <sup>22</sup> Då gjekk Hilkia og kongsmennene til profetkvinna Hulda, som var gift med Sjallum, son til Tokhat, son til Hasra, han som hadde tilsyn med kleskammeret. Hulda budde i den nye bydelen i Jerusalem. Dei la saka fram for henne om dette,
- <sup>23</sup>og ho sa til dei: «Så seier Herren, Israels Gud: Sei til den mannen som har sendt dykk til meg:
- <sup>24</sup>Så seier Herren: Sjå, eg fører ulukke over denne staden og dei som bur der, alle dei forbanningane som er skrivne i denne bokrullen de har lese opp for Juda-kongen.
- <sup>25</sup>For dei har gått ifrå meg og tent offereld for andre gudar. Slik har dei gjort meg rasande med framferda si. Harmen min er aust ut over denne staden, og han skal ikkje slokna.
- <sup>26</sup>Men til Juda-kongen som sende dykk for å søkja råd hos Herren, skal de seia: Så seier Herren, Israels Gud: Du har no høyrte desse orda.
- <sup>27</sup>Dei rørte ved hjartet ditt, og du audmjuka deg for Guds andlet då du hørde orda hans mot denne staden og mot dei som bur der. Fordi du audmjuka deg for meg og reiv sund kleda dine og gret for mitt andlet, har eg òg høyrte, seier Herren.
- <sup>28</sup>Sjå, eg vil la deg koma til fedrane dine. I fred skal du sameinast med dei i grava. Auga dine skal sleppa å sjå all den ulukka eg fører over denne staden og over dei som bur der.» Med dette svaret kom dei heim att til kongen.

<sup>29</sup> Då sende kongen bod og kalla saman alle dei eldste i Juda og Jerusalem.

<sup>30</sup> Sidan gjekk han opp til Herrens hus, og alle judearane og dei som budde i Jerusalem – prestane og levittane, heile folket, både gamle og unge – følgde han. Han las opp for dei alt det som stod skrive i paktboka som var funnen i Herrenshus.

<sup>31</sup> Kongen stilte seg opp på plassen sin og gjorde ei pakt for Herrens andlet: Folket skulle følgja Herren og halda hans bod, reglar og forskrifter av heile sitt hjarte og heile si sjel. Alle dei paktorda som var skrivne i denne bokrullen, skulle dei halda.

<sup>32</sup> Så lét han alle som var til stades i Jerusalem og Benjamin, gå med i pakta. Og dei som budde i Jerusalem, levde etter den pakta dei hadde gjort med Gud, sine fedrars Gud.

<sup>33</sup> Josjia tok bort alt som var avskyeleg, frå alle landområda som hørde isrealittane til, og han sytte for at alle som fanst i Israel, dyrka Herren sin Gud. Så lenge han levde, vende dei seg ikkje bort frå Herren, sine fedrars Gud.

## 2. Krønikebok 35

### Påskefesten blir feira

<sup>1</sup> Så heldt Josjia påske for Herren i Jerusalem. Dei slakta påskelammet den fjortande dagen i den første månaden.

<sup>2</sup> Kongen sette prestane til dei oppgåvene dei skulle ha, og sette mot i dei til tenesta i Herrens hus.

<sup>3</sup> Og til levittane, som underviste heile Israel og var helga til Herren, sa han: «Set den heilage paktkista i det tempelet som Israels-kongen Salomo, son til David, har bygd. De skal ikkje bera henne på akslene lenger. No skal de tena Herren dykkar Gud og Israel, folket hans.

<sup>4</sup> Gjer dykk ferdige, familie for familie og skift for skift, slik som David, Israels konge, og Salomo, son hans, har føreskrive.

<sup>5</sup>Still dykk opp i heilagdomen etter den inndelinga i familiar som gjeld brørne dykkar av folket, og etter den familieinndelinga som gjeld for levittane.

<sup>6</sup>Så skal de slakta påskelammet. De skal helga dykk og gjera alt i stand for brørne dykkar, så det blir gjort slik Herren har sagt gjennom Moses.»

<sup>7</sup>Josjia gav folket lam og kje frå småfeet, tretti tusen i talet, alt saman til påskeoffer for alle som var til stades, og like eins tre tusen oksar. Alt dette kom frå kongens eigen eigedom.

<sup>8</sup>Stormennene òg kom med frivillige gåver til folket og prestane og levittane. Hilkia, Sakarja og Jehiel, som hadde hovudansvaret for Guds hus, gav prestane to tusen seks hundre påskelam og tre hundre oksar.

<sup>9</sup>Og dei som var leiarar for levittane, Konanja, Sjemaja og Netanel, brørne hans, Hasjabja, Je'iel og Josabad, gav fem tusen påskelam og fem hundre oksar til levittane.

<sup>10</sup>Slik vart tenesta ordna. Prestane stilte seg på plassane sine, og levittane stilte seg opp skift for skift, slik kongen hadde påbode.

<sup>11</sup>Påskelamma vart slakta, og prestane tok blodet og stenka det, medan levittane flådde dyra.

<sup>12</sup>Det som skulle brukast til brennofferet, la dei til sides for å gje det til folket slik det var inndelt i familiar. Dei skulle ofra det til Herren slik det står skrive i Moseboka. Med oksane skulle dei gjera like eins.

<sup>13</sup> Påskelammet steikte dei over elden slik det var føreskrive, og dei andre heilage gåvene kokte dei i gryter, kjelar og panner. Så skunda dei seg og bar det ut til heile folket.

<sup>14</sup>Sidan laga dei i stand til seg sjølve og til prestane. For prestane, Aron-sønene, heldt på med å bera fram brennoffer og feitt heilt til det vart natt. Difor laga levittane i stand til seg sjølve og til prestane, Aron-sønene.

<sup>15</sup>Songarane, Asaf-sønene, stod på plassane sine slik som David, Asaf, Heman og Jedutun, sjåaren til kongen, hadde fastsett, medan portvaktene stod ved

kvar sin port. Ingen av dei trong gå frå tenesta si, for brørne deira, levittane, laga i stand til dei.

<sup>16</sup>Slik vart heile tenesta for Herren ordna den dagen så dei kunne halda påske og bera fram brennoffer på Herrens altar, slik kong Josjia hadde påbode.

<sup>17</sup>Dei israelittane som var til stades den gongen, heldt påske og feira høgtida med usyra brød i sju dagar.

<sup>18</sup>Ei slik påske hadde ikkje vore halden i Israel sidan dagane til profeten Samuel. Ingen av Israels kongar hadde halde ei slik påskehelg som den Josjia feira saman med prestane og levittane, alle judearane og dei israelittane som var til stades, og dei som budde i Jerusalem.

<sup>19</sup>Det var først i det attande styringsåret til Josjia at ei slik påske vart feira.

### **Kong Josjia dør**

<sup>20</sup>Ei tid etter at alt dette hadde hendt og Josjia hadde sett tempelet i stand, drog Neko, kongen i Egypt, opp til strid ved Karkemisj ved Eufrat. Og Josjia drog ut imot han.

<sup>21</sup>Då sende Neko bod til han og sa: «Kva har eg med deg å gjera, Juda-konge? Det er ikkje mot deg eg dreg ut i dag, men mot det kongehuset som eg ligg i strid med. Og Gud har sagt at eg skal skunda meg. Slutt med å setja deg opp mot Gud, som er med meg! Elles kjem han til å gjera ende på deg.»

<sup>22</sup>Men Josjia trekte seg ikkje tilbake. Han kledde seg ut og ville kjempa imot han. Han hørde ikkje på Nekos ord, som kom frå Guds munn, men drog ut til kamp på Megiddo-sletta.

<sup>23</sup>Bogeskyttarane skaut på kong Josjia. Då sa kongen til mennene sine: «Før meg bort! Eg er hardt såra.»

<sup>24</sup>Då fekk mennene han ut av stridsvogna og over i den andre vogna hans. Dei kørde han til Jerusalem, og der døydde han. Han vart gravlagd på gravplassen til fedrane sine, og heile Juda og Jerusalem sørgde over Josjia.



<sup>25</sup>Jeremia stemde i ei likklage over Josjia, og sidan har alle songarane og songarinnene sunge om Josjia i likklagene sine. Det vart ein fast skikk i Israel, og dei finst oppskrivne mellom likklagene.

<sup>26</sup>Det som elles er å seia om Josjia og den trufaste kjærleiken han viste, i samsvar med det som står skrive i Herrens lov,

<sup>27</sup>alt som er å seia om han frå først til sist, det står skrive i boka om Israels- og Juda-kongane.

## 2. Krønikebok 36

### Kongane Joahas og Jojakim

<sup>1</sup>Folket i landet tok Joahas, son til Josjia, og gjorde han til konge i Jerusalem etter faren.

<sup>2</sup>Joahas var tjuetre år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i tre månader.

<sup>3</sup>Men kongen i Egypt avsette han i Jerusalem, og av landet kravde han ei bot på hundre talentar sølv og ein talent gull.

<sup>4</sup>Så sette Neko, kongen i Egypt, Eljakim, bror hans, til konge over Juda og Jerusalem og endra namnet hans til Jojakim. Joahas, bror hans, tok Neko med seg til Egypt.

<sup>5</sup>Jojakim var tjuedefem år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i elleve år. Han gjorde det som vondt var i Herren hans Guds auge.

<sup>6</sup>Kong Nebukadnesar av Babel drog opp mot han. Han batt han med bronselenkjer for å føra han til Babel.

<sup>7</sup>Nebukadnesar tok òg med seg tempelutstyr frå Herrens hus til Babel og sette det i tempelet sitt der.

<sup>8</sup>Det som elles er å seia om Jojakim, om det avskyelege han gjorde, og som han vart funnen skuldig i, det står skrive i boka om Israels- og Juda-kongane. Jojakin, son hans, vart konge etter han.

### Juda-riket går under

- <sup>9</sup> Jojakin var åtte år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i tre månader og ti dagar. Han gjorde det som vondt var i Herrens auge.
- <sup>10</sup> Ved årsskiftet sende kong Nebukadnesar bod og lét han henta til Babel, saman med kostesame ting frå Herrens hus. Så gjorde han Sidkia, bror til Jojakin, til konge i Juda og Jerusalem.
- <sup>11</sup> Sidkia var tjueein år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i elleve år.
- <sup>12</sup> Han gjorde det som vondt var i Herren hans Guds auge. Og han audmjuka seg ikkje for Jeremia, profeten som tala ord frå Herrens munn.
- <sup>13</sup> Sidkia gjorde jamvel opprør mot kong Nebukadnesar, som hadde late han sverja seg truskap ved Gud. Han var stivnakka og hardhjarta og ville ikkje venda om til Herren, Israels Gud.
- <sup>14</sup> Leiarane for prestane og folket vart òg meir og meir trulause, og dei tok etter alle avskyelege skikkar hos folkeslaga. Dei gjorde Herrens hus ureint, det som han hadde helga i Jerusalem.
- <sup>15</sup> Herren, deira fedrars Gud, sende bod til dei seint og tidleg gjennom bodberarane sine, for han ville skåna folket sitt og bustaden sin.
- <sup>16</sup> Men dei hånte Guds sendebod, spotta orda hans og heldt profetane hans for narr, heilt til Herrens harme mot folket sitt vart så stor at det ikkje meir fanst råd.
- <sup>17</sup> Då lét han kaldearkongen dra opp mot dei. Han drap dei unge mennene deira med sverd i heilagdomen og sparte korkje gutar eller jenter, gamle eller skrale. Alt vart gjeve over i kongens hender.
- <sup>18</sup> Alt utstyret i Guds hus, både stort og smått, og skattane i Herrens hus og skattane til kongen og stormennene hans – alt tok han med seg til Babel.
- <sup>19</sup> Så brende dei Guds hus og reiv ned muren kring Jerusalem. Alle borgene i byen sette dei i brann, og dei øydela alle kostesame ting.

**20** Dei som slapp unna sverdet, førte han i eksil til Babel. Der vart dei slavar for han og sønene hans heilt til persarane fekk makta.

**21** Såleis vart Herrens ord gjennom Jeremia oppfylt. Landet fekk kvila til dess det hadde teke att sabbatsåra sine, så lenge det låg audt, til sytti år var gått.

**22** I det første året Kyros var konge i Persia, vekte Herren ein tanke i han for at det ordet som Herren hadde tala gjennom Jeremia, skulle bli oppfylt. Persarkongen Kyros sende då ut ei kunngjering i heile sitt rike, både munnleg og skriftleg:

**23** «Så seier Kyros, kongen av Persia: Herren, himmelens Gud, har gjeve meg alle kongerike på jorda, og han har pålagt meg å byggja eit hus for han i Jerusalem i Juda. Kven av dykk høyrer til hans folk? Må Herren hans Gud vera med han. Lat han fara opp!»

## Esra

### Esra 1

#### Kyros lét judearane venda heim

<sup>1</sup>I det første året Kyros var konge i Persia, vekte Herren ein tanke i han for at det ordet som Herren hadde tala gjennom Jeremia, skulle bli oppfylt. Persarkongen Kyros sende då ut ei kunngjering i heile sitt rike, både munnleg og skriftleg:

<sup>2</sup>«Så seier Kyros, kongen av Persia: Herren, himmelens Gud, har gjeve meg alle kongerike på jorda, og han har pålagt meg å byggja eit hus for han i Jerusalem i Juda.

<sup>3</sup>Kven av dykk høyrer til hans folk? Gud vere med dykk, kvar og ein! De kan fara opp til Jerusalem i Juda og byggja eit hus for Herren, Israels Gud. Han er det som er Gud i Jerusalem.

<sup>4</sup>Alle som er att, kvar dei så held til som innflyttarar, skal få hjelp av dei som bur på staden. Dei skal få sølv og gull, gods og buskap og dessutan frivillige gåver til Guds hus i Jerusalem.»

<sup>5</sup>Då braut dei opp, leiarane for familiane i Juda og Benjamin, prestane og levittane, alle som Gud hadde gjeve den tanken at dei skulle dra opp og byggja Herrens hus i Jerusalem.

<sup>6</sup>Alle grannane støtta dei med sølvkar og gull, gods, buskap og andre verdfulle ting. Dei kom òg med frivillige gåver.

<sup>7</sup>Kong Kyros lét henta tempelutstyret som Nebukadnesar hadde ført bort frå Herrens hus i Jerusalem, og som han hadde sett i huset til sin gud.

<sup>8</sup>Kyros, kongen av Persia, overlét dei til skattmeisteren Mitredat, som talde dei opp og gav dei til Sjesjbassar, fyrsten i Juda.

<sup>9</sup>Talet var: 30 gullskåler, 1000 sølvskåler og 29 andre skåler,

<sup>10</sup>30 gullbeger, 410 doble sølvbeger og 1000 andre kar.

<sup>11</sup>Til saman var det 5400 kar av gull og sølv. Alt dette hadde Sjesjbassar med seg då dei bortførte fór opp frå Babel til Jerusalem.

## Esra 2

### Dei som vende heim frå Babel

<sup>1</sup> Dette er mennene frå provinsen Juda som drog opp frå fangenskapet i eksil. Babel-kongen Nebukadnesar hadde ført dei i eksil til Babel, men no vende dei heim til Jerusalem og Juda, kvar til sin by.

<sup>2</sup> Dei kom saman med Serubabel, Josva, Nehemja, Seraja, Reelaja, Mordekai, Bilsjan, Mispar, Bigvai, Rehum og Baana. Dette er talet på mennene frå Israelsfolket:

<sup>3</sup>etterkomarar av Parosj 2172,

<sup>4</sup>av Sjefatja 372,

<sup>5</sup>av Arah 775,

<sup>6</sup>av Pahat-Moab, altså av Josva og Joab, 2812,

<sup>7</sup>av Elam 1254,

<sup>8</sup>av Sattu 945,

<sup>9</sup>av Sakkai 760,

<sup>10</sup>av Bani 642,

<sup>11</sup>av Bebai 623,

<sup>12</sup>av Asgad 1222,

<sup>13</sup>av Adonikam 666,

<sup>14</sup>av Bigvai 2056,

<sup>15</sup>av Adin 454,

<sup>16</sup>av Ater, altså av Hiskia, 98,

<sup>17</sup>av Besai 323,

<sup>18</sup>av Jora 112,

- <sup>19</sup>av Hasjum 223,
- <sup>20</sup>av Gibbar 95.
- <sup>21</sup>Menn frå Betlehem 123,
- <sup>22</sup>frå Netofa 56,
- <sup>23</sup>frå Anatot 128,
- <sup>24</sup>frå Bet-Asmavet 42,
- <sup>25</sup>frå Kirjat-Jearim, Kefira og Beerot 743,
- <sup>26</sup>frå Rama og Geba 621,
- <sup>27</sup>frå Mikmas 122,
- <sup>28</sup>frå Betel og Ai 223,
- <sup>29</sup>frå Nebo 52.
- <sup>30</sup>Etterkomarar av Magbisj 156,
- <sup>31</sup> av den andre Elam 1254,
- <sup>32</sup>av Harim 320.
- <sup>33</sup>Menn frå Lod, Hadid og Ono 725,
- <sup>34</sup>frå Jeriko 345.
- <sup>35</sup>Etterkomarar av Senaa 3630.
- <sup>36</sup>Prestane: etterkomarar av Jedaja, frå Josvas hus, 973,
- <sup>37</sup>av Immer 1052,
- <sup>38</sup>av Pasjhur 1247,
- <sup>39</sup>av Harim 1017.
- <sup>40</sup>Levittane: etterkomarar av Josva og Kadmiel, altså av Hodavja, 74.
- <sup>41</sup>Songarane: etterkomarar av Asaf 128.
- <sup>42</sup>Portvaktene: etterkomarar av Sjallum, Ater, Talmon, Akkub, Hatita og Sjobai, 139 i alt.

<sup>43</sup>Tempeltenarane: etterkomarar av Siha, Hasufa, Tabbaot,

<sup>44</sup>Keros, Siaha, Padon,

<sup>45</sup>Lebana, Hagaba, Akkub,

<sup>46</sup>Hagab, Sjalmai, Hanan,

<sup>47</sup>Giddel, Gahar, Reaja,

<sup>48</sup>Resin, Nekoda, Gassam,

<sup>49</sup>Ussa, Paseah, Besai,

<sup>50</sup>Asna, me'unittane og nefusittane,

<sup>51</sup>Bakbuk, Hakufa, Harhur,

<sup>52</sup>Baslut, Mehida, Harsja,

<sup>53</sup>Barkos, Sisera, Tamah,

<sup>54</sup>Nesiah og Hatifa.

<sup>55</sup>Etterkomarane av Salomos tenarar: av Sotai, Hassoferet, Peruda,

<sup>56</sup>Jaala, Darkon, Giddel,

<sup>57</sup>Sjefatja, Hattil, Pokeret-Hassebajim og Ami.

<sup>58</sup>Tempeltenarane og etterkomarane av Salomos tenarar var i alt 392.

<sup>59</sup>Dette er dei som drog tilbake frå Tel-Melah, Tel-Harsja, Kerub, Addan og Immer, men som ikkje kunne gjera greie for si ætt og sitt opphav, om dei hørde Israel til:

<sup>60</sup>etterkomarar av Delaja, Tobia og Nekoda 652,

<sup>61</sup> og etterkomarar av prestane av Hobaja, Hakkos og Barsillai, han som hadde gift seg med ei av døtrene til Barsillai frå Gilead og teke deira namn.

<sup>62</sup>Dei leita etter slektsregistra sine, men fann dei ikkje. Difor vart dei rekna for uverdige til prestetenesta.

<sup>63</sup> Statthaldaren forbaud dei å eta av det høgheilage til det stod fram ein prest med urim og tummim.

<sup>64</sup>Heile forsamlinga var i alt 42 360.

<sup>65</sup>I tillegg kom dei 7337 mannlege og kvinnelege slavane, dessutan 200 mannlege og kvinnelege songarar.

<sup>66</sup>Dei hadde 736 hestar, 245 muldyr,

<sup>67</sup>435 kamelar og 6720 esel.

<sup>68</sup>Då dei kom til Herrens hus i Jerusalem, bar nokre av leiarane for familiane fram frivillige gåver til Guds hus, så det kunne reisast der det før hadde stått.

<sup>69</sup>Alt etter som dei hadde råd, gav dei til arbeidskassa: 61 000 gulldrakmar, 5000 sølvminer og 100 prestedrakter.

<sup>70</sup>Prestane og levittane busette seg i sine eigne byar saman med nokre av folket, songarane, portvaktene og tempeltenarane, og heile Israel busette seg i sine byar.

## Esra 3

### Offertenesta blir teken opp att

<sup>1</sup>Då den sjuande månaden kom og israelittane hadde busett seg i byane, samla folket seg alle som ein i Jerusalem.

<sup>2</sup>Josva, son til Josadak, og brørne hans, prestane, og Serubabel, son til Sjealtiel, og brørne hans tok fatt på å byggja eit altar for Israels Gud. På det skulle dei ofra brennoffer, slik det står skrive i lova til gudsmannen Moses.

<sup>3</sup>Dei reiste altaret der det før hadde stått, sjølv om dei frykta for folka i landområda omkring, og dei bar fram brennoffer til Herren, både morgonoffer og kveldsoffer.

<sup>4</sup>Så feira dei lauvhyttfesten slik det står skrive, med så mange brennoffer som var fastsette for kvar einskild dag.

<sup>5</sup>Deretter bar dei fram det daglege brennofferet og brennoffer for nymånedagane og for alle andre høgtider som var helga til Herren, og like eins alle frivillige offer til Herren.



<sup>6</sup>Den første dagen i den sjuande månaden tok dei til å bera fram brennoffer for Herren, sjølv om grunnvollen til Herrens tempel enno ikkje var lagd.

<sup>7</sup>Dei gav pengar til steinhoggarane og tømrrarane. Folk frå Sidon og Tyros lønte dei med mat, drikke og olje for at dei skulle føra sedertre frå Libanon sjøvegen til Jaffa, slik persarkongen Kyros hadde gjeve lov til.

### **Grunnvollen til tempelet blir lagd**

<sup>8</sup>I det andre året etter at dei var komne til Guds hus i Jerusalem, i den andre månaden, sette dei i gang, både Serubabel, son til Sjealtiel, og Josva, son til Josadak, og resten av brørne deira, prestane og levittane, og alle dei andre som var komne til Jerusalem frå fangenskapet. Dei sette alle levittar som var tjue år eller meir, til å ha tilsyn med arbeidet på Herrens hus.

<sup>9</sup>Josva og sønene og brørne hans, Kadmiel og sønene hans og Hodavja stod fram alle som ein og hadde tilsyn med arbeidet på Guds hus. Det same gjorde etterkomarane av Henadad med sønene og brørne sine, som òg var levittar.

<sup>10</sup>Bygningsmennene la grunnvollen til Herrens tempel. Så stilte prestane seg opp i fullt skrud med trompetar, og levittane, Asaf-sønene, stilte seg opp med symbalar for å prisa Herren, slik David, Israels-kongen, ville.

<sup>11</sup>Dei stemde i med lov og takk til Herren: «Han er god, evig varer hans miskunn mot Israel.» Og alt folket jubla høgt og lova Herren fordi grunnvollen til Herrens hus var lagd.

<sup>12</sup>Men mange av prestane, levittane og leiarane for familieane som var så gamle at dei hadde sett det første tempelet, gret høgt då dei såg det tempelet som no vart grunnlagt. Andre jubla høgt i glede.

<sup>13</sup>Det var ikkje råd å skilja dei glade jubelropa frå folket sin gråt. For folket jubla så høgt at det kunne høyrast vidt omkring.

## **Esra 4**

### **Arbeidet på tempelet blir stansa**

<sup>1</sup>Motstandarane til Juda og Benjamin fekk høyra at dei som hadde vore i eksil, heldt på å byggja eit tempel for Herren, Israels Gud.

<sup>2</sup>Då gjekk dei til Serubabel og leiarane for familiane og sa: «Lat oss byggja saman med dykk. For vi dyrkar den same Gud og har ofra til han heilt sidan assyrarkongen Asar-Haddon førte oss hit.»

<sup>3</sup>Men Serubabel, Josva og resten av leiarane for familiane i Israel svara: «Nei, vi kan ikkje byggja eit hus for vår Gud saman med dykk. Åleine vil vi byggja det for Herren, Israels Gud, slik som persarkongen Kyros har gjeve oss påbod om.»

<sup>4</sup>Folket i landet tok då motet frå folket i Juda og skremde dei frå å byggja.

<sup>5</sup>Dei betalte kongens rådgjevarar for å motarbeida byggjeplanane så lenge persarkongen Kyros levde, og heilt fram til Dareios vart konge i Persia.

<sup>6</sup>Då Xerxes var konge, i den første tida han regjerte, skreiv dei ei klage på innbyggjarane i Juda og Jerusalem.

<sup>7</sup>Medan Artaxerxes styrte i Persia, skreiv Bisjlam, Mitredat, Tabeel og resten av embetsbrørne deira til kongen. Dokumentet var skriva på arameisk og vart tolka.

<sup>8</sup>Rådsherren Rehum og skrivaren Sjimsjai skreiv dette brevet om Jerusalem til kong Artaxerxes:

<sup>9</sup>«Frå rådsherren Rehum, skrivaren Sjimsjai og alle embetsbrørne deira, dommarane, embetsmennene, offiserane, oppsynsmennene, folka frå Erek og Babel og elamittane frå Susa,

<sup>10</sup> og dei andre folkeslaga som den store og namngjetne Asenappar førte bort og busette i byen Samaria og elles i provinsen Bortanfor Euftrat.»

<sup>11</sup>Dette er ei avskrift av brevet som vart sendt kongen: «Til kong Artaxerxes frå tenarane dine, mennene frå provinsen Bortanfor Euftrat.

<sup>12</sup>Kongen skal vita at dei judearane som drog opp frå deg til oss, er komne til Jerusalem. Dei er i ferd med å byggja opp att denne opprørske og vonde byen. Dei fullfører murane og reparerer grunnvollane.

<sup>13</sup>No skal kongen vita at dersom denne byen blir bygd opp att og murane blir fullførte, så vil dei verken betala skattar, toll eller avgifter, og dette kjem til å skada kongedømet.

<sup>14</sup>Sidan vi et av palasset sitt salt, sømer det seg ikkje for oss å sjå på at kongen blir vanæra. Difor melder vi no frå om dette til kongen,

<sup>15</sup>så ein kan granska i krønikeboka til fedrane dine. I denne boka vil du finna at dette har vore ein opprørsk by som har vore til skade for kongar og provinsar. Sidan tidlege tider har det vore uro der, og difor er denne byen vorten øydelagd.

<sup>16</sup>Vi gjer kjent for kongen at dersom byen blir bygd opp att og murane fullførte, så kjem du ikkje til å ha land bortanfor Euftrat.»

<sup>17</sup>Kongen sende dette svaret: «Til rådsherren Rehum, skrivaren Sjimsjai og resten av embetsbrørne som bur i Samaria og elles i provinsen Bortanfor Euftrat: Fred!

<sup>18</sup>Dokumentet som de sende oss, har eg fått omsett og opplese.

<sup>19</sup>Eg gav ordre om ei gransking, og ein fann at denne byen frå tidlege tider har sett seg opp mot kongane. Det har vore opprør og uro der.

<sup>20</sup>Mektige kongar har styrt over Jerusalem og rådd over heile provinsen Bortanfor Euftrat. Dei fekk inn skattar, avgifter og toll.

<sup>21</sup>Gjev no påbod om å stansa desse mennene, så byen ikkje blir bygd opp att før det kjem ordre frå meg.

<sup>22</sup>Ver ikkje ettergjevande i denne saka, elles kan det bli til endå større skade og tap for kongane.»

<sup>23</sup>Så snart avskrifta av dokumentet frå kong Artaxerxes hadde vorte lesen for Rehum, skrivaren Sjimsjai og embetsbrørne deira, skunda dei seg av stad til judearane i Jerusalem og stansa dei med vald og makt.

<sup>24</sup>Då vart arbeidet på Guds hus i Jerusalem avbrote, og det låg nede til det andre året av regjeringstida til persarkongen Dareios.

## Esra 5

### Tempelet blir gjenreist

<sup>1</sup> Profeten Haggai og profeten Sakarja, son til Iddo, tala til judearane i Juda og Jerusalem; i namnet til Israels Gud tala dei til dei.

<sup>2</sup> Då gjekk Serubabel, son til Sjealtiel, og Josva, son til Josadak, i gang med å byggja Guds hus i Jerusalem, og Guds profetar var med og støtta dei.

<sup>3</sup> Straks kom Tattenai, statthaldaren i provinsen Bortanfor Euftrat, og Sjetar-Bosnai og embetsbrørne deira til dei og sa: «Kven har gjeve dykk ordre om å byggja dette huset og gjera treverket ferdig?»

<sup>4</sup> Vidare spurde vi dei: «Kva heiter mennene som set opp denne bygningen?»

<sup>5</sup> Men Guds auge kvilte på dei eldste mellom judearane. Ingen hindra dei i arbeidet, men ein sende ei melding til Dareios og venta på svarbrev om saka.

<sup>6</sup> Dette er ei avskrift av brevet som Tattenai, statthaldaren i provinsen Bortanfor Euftrat, og Sjetar-Bosnai og embetsbrørne hans, embetsmennene i provinsen, sende til kong Dareios.

<sup>7</sup> Slik stod det skrive i meldinga: «Til kong Dareios: All fred!

<sup>8</sup> Kongen skal vita at vi har gjort ei reise til provinsen Juda, til den store Guds hus. Det blir no bygd opp att av tilhoggen stein, og veggene blir kledde med tre. Arbeidet blir utført med flid og har god framgang.

<sup>9</sup> Vi spurde dei eldste: ‘Kven har gjeve dykk ordre om å byggja dette huset og gjera treverket ferdig?’

<sup>10</sup> Vi spurde dei òg kva dei heitte, så vi kunne skriva ned namna på leiarane og la deg få vita det.

<sup>11</sup> Dette var svaret dei gav oss: ‘Vi er tenarar for han som er Gud i himmelen og på jorda, og vi byggjer opp att det huset som vart reist her ein gong for mange år sidan. Det var ein stor konge i Israel som bygde og fullførte det.

<sup>12</sup> Men fedrane våre gjorde himmelens Gud harm. Difor gav han dei i hendene på kaldearen Nebukadnesar, kongen i Babel. Han øydela dette huset og førte folket i eksil til Babel.

<sup>13</sup> Men i det første året Kyros var konge i Babel, gav han ordre om at Guds hus skulle byggjast opp att.

<sup>14</sup> Gullkara og sølvkara som hadde høyrte Guds hus til, dei som Nebukadnesar hadde teke ut av tempelet i Jerusalem og ført til tempelet i Babel, dei tok kong Kyros ut av tempelet i Babel. Han gav dei til ein mann som heitte Sjesjbassar, som han hadde sett til statthaldar,

<sup>15</sup> og sa til han: Ta dette utstyret, far av stad og set det i tempelet i Jerusalem! Guds hus skal byggjast opp att på same staden som før.

<sup>16</sup> Så kom denne Sjesjbassar og la grunnvollen til tempelet i Jerusalem. Frå den tida og til i dag har dei bygd på det, men enno er det ikkje ferdig.’

<sup>17</sup> Og no, om kongen vil, så lat det bli granska i dei kongelege skattkammera der borte i Babel om kong Kyros har gjeve ordre om å byggja Guds hus i Jerusalem. Lat oss så få vita kva som er kongens vilje i denne saka.»

## Esra 6

<sup>1</sup> Då baud kong Dareios at ein skulle granska arkiva over dei skattane som var lagra i Babel.

<sup>2</sup> I borga i Ahmeta, som ligg i provinsen Media, vart det funne ein bokrull. På den stod det skrive: «Kunngjering.

<sup>3</sup> I det første året Kyros var konge, gav han dette påbodet om Guds hus i Jerusalem: Det skal byggjast opp att og bli ein stad der ein ber fram offer. Grunnvollane skal gjenreisast. Huset skal vera seksti alner høgt og seksti alner breitt,

<sup>4</sup> med tre lag tilhoggen stein og eitt lag nytt tømmer. Utgiftene skal dekkjast av kongehuset.

<sup>5</sup>Og utstyret av gull og sølv frå Guds hus, som Nebukadnesar tok ut av tempelet i Jerusalem og førte til Babel, skal gjevast tilbake. Det skal først til tempelet i Jerusalem og setjast på plass i Guds hus.

<sup>6</sup>No skal du, statthaldar Tattenai frå provinsen Bortanfor Euftrat, og du, Sjetar-Bosnai, og embetsbrørne dykkar, embetsmennene i provinsen, halda dykk langt borte derifrå.

<sup>7</sup>Hald dykk unna arbeidet på dette Guds hus! Lat statthaldaren og dei eldste hos judearane få byggja huset på same staden som før.

<sup>8</sup>Eg gjev no påbod om kva de skal gjera for dei eldste av judearane, så dette Guds hus kan byggjast: Alle utgiftene desse har, skal dekkjast av skatteinntektene som kongen tek inn i provinsen Bortanfor Euftrat, så arbeidet ikkje stansar.

<sup>9</sup>Og alt prestane i Jerusalem seier dei treng av unge oksar, vêrar og lam til brennoffer for himmelens Gud, og kveite, salt, vin og olje, skal kvar dag gjevast dei utan unnatak,

<sup>10</sup>så dei kan bera fram velgjerande ange for himmelens Gud og be for kongen og sønene hans.

<sup>11</sup>Eg byd òg at kvar den som krenkjer dette påbodet, skal få ein bjelke riven ut av huset sitt. Han skal naglast fast til bjelken, og huset hans skal gjerast til ein avfallsdunge på grunn av det han har gjort.

<sup>12</sup>Måtte den Gud som lèt namnet sitt bu der, vinna over alle kongar og folk som strekkjer handa ut for å krenkja dette påbodet og øydeleggja Guds hus i Jerusalem. Eg, Dareios, gjev eit påbod som skal følgjast fullt ut.»

<sup>13</sup>Tattenai, som var statthaldar i provinsen Bortanfor Euftrat, Sjetar-Bosnai og embetsbrørne deira gjorde då fullt ut slik som kong Dareios hadde føreskrive.

<sup>14</sup>Dei eldste hos judearane bygde og hadde god framgang ved profetiane til profeten Haggai og Sakarja, son til Iddo. Dei fullførte bygginga etter påbod frå Israels Gud og etter påbod frå persarkongane Kyros, Dareios og Artaxerxes.

<sup>15</sup> Huset stod ferdig den tredje dagen i månaden adar i det sjette året Dareios var konge.

### **Tempelet blir innvigd**

<sup>16</sup>Israelittane – prestane, levittane og resten av dei som var komne att frå eksil – vigde Guds hus med stor glede.

<sup>17</sup> Til innviinga av Guds hus bar dei fram hundre oksar, to hundre vêrar og fire hundre lam, og til syndoffer for heile Israel tolv geitebukkar, éin for kvar av Israel-stammane.

<sup>18</sup> Dei sette opp prestane i grupper og levittane i avdelingar. Dei skulle gjera teneste for den Gud som er i Jerusalem, slik det står skrive i Moseboka.

<sup>19</sup> Dei som hadde vore i eksil, feira påske på den fjortande dagen i den første månaden,

<sup>20</sup>for prestane og levittane hadde reinsa seg, alle som ein, så dei var reine. Dei slakta påskelammet for alle hadde vore i eksil, for brørne sine, prestane, og for seg sjølve.

<sup>21</sup>Så heldt israelittane måltid, både dei som var komne att frå eksil, og alle som saman med dei andre ville dyrka Herren, Israels Gud, og som difor hadde skilt seg frå ureinkskapen til folkeslaga i landet.

<sup>22</sup> Glade feira dei høgtida med usyra brød i sju dagar. For Herren hadde gjort dei glade då han vende assyrarkongens hjarte til dei, slik at kongen støtta dei i arbeidet på huset til Israels Gud.

## **Esra 7**

### **Esra reiser til Jerusalem**

<sup>1</sup>Seinare, då Artaxerxes var konge i Persia, hende det at Esra – han var son til Seraja, son til Asarja, son til Hilkia,

<sup>2</sup>son til Sjallum, son til Sadok, son til Ahitub,

<sup>3</sup>son til Amarja, son til Asarja, son til Merajot,

<sup>4</sup>son til Serahja, son til Ussi, son til Bukki,

- <sup>5</sup>son til Abisjua, son til Pinhas, son til Elasar, son til Aron, øvstepresten,
- <sup>6</sup>– at denne Esra drog opp frå Babel. Han var ein skrivar som var kunnig i Moselova, den som Herren, Israels Gud, hadde gjeve. Fordi Herren hans Gud heldt si hand over han, gav kongen han alt han bad om.
- <sup>7</sup>Nokre av israelittane og nokre prestar, levittar, songarar, portvakter og tempeltenarar drog opp til Jerusalem i det sjuande året Artaxerxes var konge.
- <sup>8</sup>Esra kom til Jerusalem i den femte månaden i kongens sjuande styringsår.
- <sup>9</sup>På den første dagen i den første månaden byrja reisa frå Babel, og på den første dagen i den femte månaden kom han til Jerusalem. Esras Gud heldt si gode hand over han.
- <sup>10</sup>For Esra la heile sitt hjarte i å granska Herrens lov, følgja henne og læra Israel lov og rett.
- <sup>11</sup> Dette er ei avskrift av det dokumentet som kong Artaxerxes gav til presten og skrivaren Esra, som var skriftlærd i Herrens bod og forskrifter for Israel:
- <sup>12</sup> «Artaxerxes, kongen over kongane, til presten Esra, skriftlærd i lova frå himmelens Gud. Ver helsa!
- <sup>13</sup>Dette påbodet gjev eg: Alle i mitt rike av Israelfolket, også prestar og levittar, som vil reisa til Jerusalem saman med deg, kan få reisa.
- <sup>14</sup> For du er send av kongen og dei sju rådgjevarane hans for å granska tilhøva i Juda og Jerusalem ut frå din Guds lov, som du har i di hand.
- <sup>15</sup>Du skal ta med deg sølv og gull som kongen og hans rådgjevarar frivillig har gjeve til Israels Gud, han som har bustaden sin i Jerusalem,
- <sup>16</sup>og alt sølvet og gullet som du finn i heile provinsen Babel, saman med dei gåvene som folket og prestane frivillig gjev til Guds hus i Jerusalem.
- <sup>17</sup>For desse pengane skal du samvitsfullt kjøpa oksar, vêrar og lam, og dei grødeoffer og drikkoffer som høyrer til. Og du skal ofra dette på altaret i dykkar Guds hus i Jerusalem.



<sup>18</sup>Resten av sølvet og gullet skal du og brørne dine bruka slik de meiner er godt etter dykkar Guds vilje.

<sup>19</sup>Men det utstyret som du har fått til tenesta i Guds hus, skal du overlevera framfor Jerusalems Gud.

<sup>20</sup>Resten av det som trengst i huset til din Gud, og som det fell på deg å skaffa, skal du få frå kongens skattkammer.

<sup>21</sup>Eg, kong Artaxerxes, byd alle skattmeistrane i provinsen Bortanfor Euftrat: Alt det presten Esra, skriftlærd i lova til himmelens Gud, bed dykk om, skal han få fullt ut:

<sup>22</sup> inntil 100 talentar sølv, 100 kor kveite, 100 bat vin, 100 bat olje og salt så mykje han vil ha.

<sup>23</sup>Alt himmelens Gud byd, skal de gjera med iver for hans hus. Elles skal vrede koma over riket til kongen og sønene hans.

<sup>24</sup>Vi kunngjer for dykk at verken skatt, toll eller avgifter kan leggjast på nokon av prestane, levittane, songarane, portvaktene, tempeltenarane eller andre som gjer teneste i dette Guds hus.

<sup>25</sup> Og du, Esra, med visdom frå din Gud i hendene dine: Set inn skrivarar og dommarar til å dømme mellom alt folket i provinsen Bortanfor Euftrat, alle som kjenner lovene til din Gud. Og den som ikkje kjenner dei, skal de undervisa.

<sup>26</sup>Og kvar den som ikkje følgjer lova til din Gud og lova til kongen, skal få ein dom som svarar til lovbrotet, anten dødsstraff, landlysing, bot eller fengsel.»

<sup>27</sup>«Velsigna er Herren, våre fedrars Gud, som gav kongen den tanken at han skulle pryda Herrens hus i Jerusalem,

<sup>28</sup>og som lét meg få velvilje hos kongen og rådgjevarane hans og hos alle kongens mektige menn. Eg tok mot til meg, for Herren min Gud heldt si hand over meg, og eg samla nokre av Israels leiarar til å dra opp saman med meg.»

## Esra 8

### Dei som kom att saman med Esra

<sup>1</sup>Dette er slektsregistra til leiarane for familiare som drog opp saman med meg frå Babel då Artaxerxes var konge:

<sup>2</sup>etterkomarar av Pinhas: Gersjom; av Itamar: Daniel; av David: Hattusj,

<sup>3</sup>son til Sjekanja; av Parosj: Sakarja, og med han var det registrert 150 mann;

<sup>4</sup>av Pahat-Moab: Eljoenai, son til Serahja, og med han 200 mann;

<sup>5</sup>av Sattu: Sjekanja, son til Jahasiel, og med han 300 mann;

<sup>6</sup>av Adin: Ebed, son til Jonatan, og med han 50 mann;

<sup>7</sup>av Elam: Jesaja, son til Atalja, og med han 70 mann;

<sup>8</sup>av Sjefatja: Sebadja, son til Mikael, og med han 80 mann;

<sup>9</sup>av Joab: Obadja, son til Jehiel, og med han 218 mann;

<sup>10</sup>av Bani: Sjelomit, son til Josifja, og med han 160 mann;

<sup>11</sup>av Bebai: Sakarja, son til Bebai, og med han 28 mann;

<sup>12</sup>av Asgad: Johanan, son til Hakkatan, og med han 110 mann;

<sup>13</sup>av Adonikam, dei siste, dette er namna deira: Elifelet, Je'iel og Sjemaja og med dei 60 mann;

<sup>14</sup>av Bigvai: Utai og Sakkur og med dei 70 mann.

### Esra kjem til Jerusalem

<sup>15</sup>Eg samla dei ved elva som renn til Ahava, og vi låg i leir der i tre dagar. Eg la merke til at både folket og prestane var der, men eg fann ingen levittar.

<sup>16</sup>Eg sende då bod etter hovdingane Elieser, Ariel, Sjemaja, Elnatan, Jarib, Elnatan, Natan, Sakarja og Mesjullam og etter lærarane Jojarib og Elnatan.

<sup>17</sup> Eg bad dei fara til Iddo, leiaren på ein stad som heitte Kasifja. Eg la dei ord i munnen som dei skulle seia til Iddo og bror hans, dei som var tempeltenarar i Kasifja. Dei skulle senda oss tenarar til huset for vår Gud.

<sup>18</sup>Fordi Gud heldt si gode hand over oss, sende dei oss ein klok mann, Sjerebja, saman med sønene og brørne hans, 18 til saman. Sjerebja var etterkomar av Mahli, son til Levi, son til Israel.

<sup>19</sup>Vidare kom Hasjabja og med han Jesaja av Merari-sønene, og brørne hans og sønene deira, 20 til saman.

<sup>20</sup>Og av tempeltenarane som David og leiarane hadde sett til å tena levittane, kom det 220. Alle desse er oppførte med namn.

<sup>21</sup> Då ropa eg ut ei faste der ved Ahava-elva, for at vi skulle audmjuka oss for vår Guds andlet og be om ei god reise for oss sjølve og borna våre og for alt vi eigde.

<sup>22</sup>For eg skamma meg for å be kongen om soldatar og hestar til å hjelpa oss mot fiendar på vegen, sidan vi hadde sagt til kongen: «Vår Gud held si gode hand over alle som søkjer han, men hans makt og vreide kjem over alle som svik han.»

<sup>23</sup>Så vi fasta og søkte vår Gud for dette, og han hørde bøna vår.

<sup>24</sup>Eg valde ut tolv av dei leiande prestane og dessutan Sjerebja og Hasjabja saman med ti av brørne deira.

<sup>25</sup>Eg vog opp for dei sølvet, gullet og kara – alle gåvene til Guds hus frå kongen, rådgjevarane og leiarane hans, og frå alle israellittane som var der.

<sup>26</sup> Eg vog opp og overlét i hendene deira 650 talentar sølv, 100 sølvkar verde ein talent kvar, 100 talentar gull,

<sup>27</sup> 20 gullbollar verde 1000 dareikar og to kar av god, skinande bronse, lik gull.

<sup>28</sup>Eg sa til dei: «De er heilage for Herren, og kara er heilage; sølvet og gullet er ei frivillig gåve til Herren, dykkar fedrars Gud.

<sup>29</sup>Hald vakt og ta vare på dette heilt til de kan vega dei opp for dei leiande prestane, levittane og leiarane for Israels slekter i Jerusalem, i romma i Herrens hus.»

**30** Så fekk prestane og levittane den oppvegne mengda av sølv, gull og kar. Dei skulle føra denne gåva til Jerusalem, til huset for vår Gud.

**31** Vi braut opp frå Ahava-elva på den tolvte dagen i den første månaden for å dra til Jerusalem. Vår Gud heldt si hand over oss og redda oss frå fiendens grep og frå overfall på vegen.

**32** Vi kom til Jerusalem og kvilte der i tre dagar.

**33** Den fjerde dagen vog vi opp sølvet, gullet og kara i huset til vår Gud og gav alt til presten Meremot, son til Uria. Saman med han var Elasar, son til Pinhas, og levittane Josabad, son til Josva, og Noadja, son til Binnui.

**34** Alt vart talt og vege, og vekta vart samtidig nedskriven.

**35** Dei som var komne frå fangenskapet i eksil, ofra brennoffer for Israels Gud: 12 oksar for heile Israel, 96 vêrar, 77 lam og som syndoffer 12 bukkar. Alt dette var eit brennoffer for Herren.

**36** Sidan bar dei fram kongens forskrifter til kongens satrapar og statthaldarane i provinsen Bortanfor Euftrat, og dei gav si støtte til folket og til Guds hus.

## Esra 9

### Esras bøn

**1** Då dette var gjort, kom leiarane til meg og sa: «Korkje Israelfolket, prestane eller levittane har skilt seg frå folka i landområda omkring, dei som handlar like avskyeleg som kanaanearane, hetittane, perisittane, jebusittane, ammonittane, moabittane, egyptarane og amorittane.

**2** For dei har teke døtrene deira til koner for seg og sønene sine, så den heilage ætta har vorte blanda med folka i landområda omkring. Leiarane og stormennene har vore dei første til å driva med denne utruskapen.»

**3** Då eg hørde dette, reiv eg sund kjortel og kappe, reiv meg i hår og skjegg og sat lamslegen.

<sup>4</sup>Alle som skalv for ordet frå Israels Gud, samla seg rundt meg på grunn av truløysa til dei som hadde vore i eksil. Og eg sat der lamslegen heilt til kveldsofferet.

<sup>5</sup>Ved kveldsofferet reiste eg meg frå botsstillinga. Med sundriven kjortel og kappe kasta eg meg på kne, breidde ut hendene mot Herren min Gud

<sup>6</sup>og sa: Min Gud! Eg skammar meg og skjemmest over å lyfta andletet mot deg, min Gud! For syndene våre er så mange at dei har vakse oss over hovudet, og skulda vår er så stor at ho når til himmelen.

<sup>7</sup>Frå våre fedrars dagar og heilt til no har vår skuld vore stor. På grunn av syndene våre vart vi og kongane og prestane våre gjevne over i hendene på framande kongar, til sverd, fangenskap, plyndring og skam, slik det er den dag i dag.

<sup>8</sup>Men no har Herren vår Gud for ei kort stund vist oss velvilje. Han har late ein rest av oss sleppa unna og har fest teltpiluggen for oss på sin heilage stad. Vår Gud har fått auga våre til å skina og har gjeve oss litt styrke i vårt slaveri.

<sup>9</sup>For sjølv om vi er slavar, har vår Gud ikkje svikta oss i vårt slaveri, men han har fått persarkongane til å visa oss velvilje, så vi fekk mot til å reisa huset for vår Gud or ruinane. Og han har gjeve oss eit vern i Juda og Jerusalem.

<sup>10</sup>Men no, kva skal vi seia etter dette, vår Gud? For vi har svikta dine bod,

<sup>11</sup>som du gav gjennom dine tenarar, profetane: «Landet som de dreg inn i for å ta i eige, er ureint på grunn av det ureine til folka i landområda omkring. Dei har fylt det med avskyelege handlingar og gjort det ureint frå ende til annan.

<sup>12</sup>Difor må de ikkje gifta bort døtrene dykkar til sønene deira, eller la døtrene deira ta sønene dykkar til ekte. Og de må aldri gjera noko for å fremja deira fred og velferd. Då skal de bli sterke og få eta av alt det gode i landet, og de skal la borna dykkar få det i eige for alltid.»

<sup>13</sup>Trass i alt som har hendt med oss på grunn av våre vonde gjerningar og vår store skuld, har du, vår Gud, likevel straffa oss mindre enn våre synder fortente, og du har late ein rest av oss sleppa unna.

<sup>14</sup>Skulle vi igjen bryta dine bod og knyta slektsband med folka som gjer slike avskyelege handlingar? Kjem du ikkje då til å harmast og gjera ende på oss, slik at ingen blir att og ingen slepp unna?

<sup>15</sup>Herre, Israels Gud, du er rettferdig. Vi er ein rest som har sloppe unna til denne dag. Sjå, her er vi for ditt andlet med vår skuld. Men slik kan ingen bli ståande for deg.

## Esra 10

### Dei framande kvinnene blir bortsende

<sup>1</sup>Medan Esra gråtande kasta seg ned framfor Guds hus og bad og skrifta, samla det seg ei stor mengd israelittar rundt han, menn, kvinner og born, og folket gret høgt.

<sup>2</sup>Då tok Sjekanja, son til Jehiel, frå Elam-ætta, til orde og sa til Esra: «Vi har vore trulause mot vår Gud og teke til oss framande kvinner frå folka i landet. Likevel er det enno von for Israel.

<sup>3</sup>Lat oss no gjera ei pakt for vår Guds andlet og senda frå oss alle desse kvinnene og deira born. Det er dette rådet vi har fått frå Herren, og frå dei som skjelv for boda frå vår Gud. Lat dette bli gjort etter lova!

<sup>4</sup>Gå i gang, for saka kviler på deg, men vi vil vera med deg. Ver sterk og gå til verket!»

<sup>5</sup>Då reiste Esra seg og bad dei leiande prestane, levittane og heile Israel sverja at dei ville gjera det som var sagt, og dei svor alle.

<sup>6</sup>Esra gjekk så bort frå plassen framfor Herrens hus og inn i rommet til Johanan, son til Eljasjib. Der var han natta over utan å smaka verken brød eller vatn, for han sørgde over truløysa til dei som hadde vore i eksil.

<sup>7</sup>Deretter gjekk det ut ei kunngjering gjennom heile Juda og Jerusalem til alle som hadde vore i eksil. Dei skulle samlast i Jerusalem.

<sup>8</sup>Den som ikkje kom innan tre dagar, skulle – slik leiarane og dei eldste hadde bestemt – få all eigedomen sin slegen med bann og øydelagd og sjølv bli skild frå forsamlinga av dei som hadde vore i eksil.

<sup>9</sup>Alle menn frå Juda og Benjamin samla seg i Jerusalem på tre dagar. Det var den tjuande dagen i den niande månaden. Heile folket sat på plassen framfor Guds hus og skalv, både på grunn av denne saka og fordi det regna kraftig.

<sup>10</sup>Då reiste presten Esra seg og sa til dei: «De har vore trulause og teke til dykk framande kvinner. Slik har de auka Israels skuld.

<sup>11</sup>Skrifta no for Herren, dykkar fedrars Gud, og gjer hans vilje. Skil dykk frå desse folka i landet og frå dei framande kvinnene.»

<sup>12</sup>Då svara heile forsamlinga høgt: «Ja, vi vil gjera det som du seier til oss.

<sup>13</sup>Men det er mykje folk, og det er regntid. Vi orkar ikkje å stå her ute lenger. Dette arbeidet er ikkje gjort på ein dag eller to, for vi er mange som har synda i denne saka.

<sup>14</sup>Lat no leiarane våre stå fram for heile forsamlinga. Så skal alle i byane våre som har teke til seg framande kvinner, møta til avtala tider saman med dei eldste og dommarane frå kvar einskild by, for å venda bort frå oss vår Guds brennande vreide på grunn av denne saka.»

<sup>15</sup>Berre Jonatan, son til Asael, og Jahseja, son til Tikva, sette seg imot dette, og Mesjullam og levitten Sjabbetai støtta dei.

<sup>16</sup>Men dei som hadde vore i eksil, gjorde som det var sagt. Presten Esra skilde ut nokre menn som var leiarar for kvar sin familie, alle nemnde med namn. Dei kom saman den første dagen i den tiande månaden for å granska saka.

<sup>17</sup>På den første dagen i den første månaden vart dei ferdige med alle mennene som hadde teke til seg framande kvinner.

#### **Liste over dei som hadde teke til seg framande kvinner**

<sup>18</sup>Ein fann at desse prestesønene hadde teke til seg framande kvinner: etterkomarar av Josva, son til Josadak, og brørne hans: Maaseja, Elieser, Jarib og Gedalja.

- <sup>19</sup>Dei gav handa på at dei skulle senda frå seg kvinnene sine, og dei ofra ein vêr som skuldoffer.
- <sup>20</sup>Etterkomarar av Immer: Hanani og Sebadja;
- <sup>21</sup>av Harim: Maaseja, Elia, Sjemaja, Jehiel og Ussia;
- <sup>22</sup>av Pasjhur: Eljoenai, Maaseja, Ismael, Netanel, Josabad og Elasa.
- <sup>23</sup>Av levittane: Josabad, Sjimi, Kelaja – det er den same som Kelita – Petahja, Juda og Elieser.
- <sup>24</sup>Av songarane: Eljasjib, og av portvaktene: Sjallum, Telem og Uri.
- <sup>25</sup>Av Israel: etterkomarar av Parosj: Ramja, Jissia, Malkia, Mijjamin, Elasar, Malkia og Benaja;
- <sup>26</sup>av Elam: Mattanja, Sakarja, Jehiel, Abdi, Jeremot og Elia;
- <sup>27</sup>av Sattu: Eljoenai, Eljasjib, Mattanja, Jeremot, Sabad og Asisa;
- <sup>28</sup>av Bebai: Johanan, Hananja, Sabbai og Atlai;
- <sup>29</sup>av Bani: Mesjullam, Malluk, Adaja, Jasjub, Sjeal og Jeremot;
- <sup>30</sup>av Pahat-Moab: Adna, Kelal, Benaja, Maaseja, Mattanja, Besalel, Binnui og Manasse;
- <sup>31</sup>av Harim: Elieser, Jisjia, Malkia, Sjemaja, Simon,
- <sup>32</sup>Benjamin, Malluk og Sjemarja;
- <sup>33</sup>av Hasjum: Mattenai, Mattatta, Sabad, Elifelet, Jeremai, Manasse og Sjimi;
- <sup>34</sup>av Bani: Maadai, Amram, Uel,
- <sup>35</sup>Benaja, Bedja, Keluhu,
- <sup>36</sup>Vanja, Meremot, Eljasjib,
- <sup>37</sup>Mattanja, Mattenai og Jaasai;
- <sup>38</sup>av Binnui: Sjimi,
- <sup>39</sup>Sjelemja, Natan, Adaja,
- <sup>40</sup>Maknadbai, Sjasjai, Sjarai,



<sup>41</sup>Asarel, Sjelemja, Sjemarja,

<sup>42</sup>Sjallum, Amarja og Josef;

<sup>43</sup>av Nebo: Je'iel, Mattitja, Sabad, Sebina, Jaddai, Joel og Benaja.

<sup>44</sup>Alle desse hadde teke til seg framande kvinner, og nokre hadde fått born med dei.

## Nehemja

### Nehemja 1

#### Nehemja bed for folket sitt

<sup>1</sup> Ord av Nehemja, son til Hakalja. Det var i månaden kislew i det tjuande året, medan eg var i borga Susa.

<sup>2</sup> Då kom Hanani, ein av brørne mine, og nokre menn frå Juda. Eg spurde dei ut om dei judearane som hadde sloppe unna fangenskapet, og om Jerusalem.

<sup>3</sup> Dei svara: «Dei som har sloppe unna fangenskapet der i provinsen, er i stor ulukke og vanære. Muren kring Jerusalem er nedbroten, og portane er brende.»

<sup>4</sup> Då eg hørde dette, sette eg meg ned og gret. Eg sørgde i fleire dagar. Eg fasta og bad til himmelens Gud.

<sup>5</sup> Eg sa: Å, Herre, himmelens Gud, du store og skremmande Gud, som held pakta og viser kjærleik mot alle som elskar deg og held dine bod!

<sup>6</sup> Lat øyret ditt lytta og auga dine vera opne så du høyrer din tenars bøn som eg bed til deg no, både dag og natt, for israelittane, dine tenarar. Eg sannar syndene som vi israelittar har gjort mot deg. Eg og farshuset mitt har òg synda.

<sup>7</sup> Vi har handla ille mot deg og ikkje halde dei bod, forskrifter og lover som du gav Moses, tenaren din.

<sup>8</sup> Hugs det du påla Moses, tenaren din: «Er de trulause, vil eg spreia dykk mellom folka.

<sup>9</sup> Men vender de om til meg og held boda mine og lever etter dei, om de så er drivne bort der himmelen endar, skal eg samla dykk og føra dykk til den staden eg har valt til bustad for namnet mitt.»

<sup>10</sup> Dei er tenarane dine og folket ditt, som du har fria ut med di store kraft og sterke hand.

<sup>11</sup>Å, Herre, lat øyret ditt lytta til bønene frå tenaren din og frå tenarane dine som gjerne vil frykta ditt namn. Lat tenaren din lukkast i dag, lat han møte miskunn hos denne mannen! Eg var kongens munnskjenk då dette hende.

## Nehemja 2

### Nehemja får dra til Jerusalem

<sup>1</sup> Det var i månaden nisan i det tjuande året til kong Artaxerxes. Eg tok vinen som stod framfor kongen, og gav han. Han hadde aldri før sett meg nedtrykt.

<sup>2</sup> Kongen sa til meg: «Kvifor ser du så nedtrykt ut? Du er då ikkje sjuk? Dette kan ikkje vera anna enn hjartesor.» Eg vart svært red

<sup>3</sup> og sa til kongen: «Lenge leve kongen! Skulle eg ikkje sjå nedtrykt ut når byen der fedrane mine er gravlagde, ligg aud og portane er herja av eld?»

<sup>4</sup> Kongen sa til meg: «Kva ønskjer du?» Eg bad til himmelens Gud.

<sup>5</sup> Så sa eg til kongen: «Om kongen finn det for godt og han synest godt om tenaren sin, så send meg til Juda, til byen der fedrane mine er gravlagde, så eg kan byggja han opp att.»

<sup>6</sup> Då spurde kongen meg, medan dronninga sat attmed han: «Kor lenge kjem reisa di til å vara, og når kjem du att?» Kongen godtok tida eg nemnde, og sende meg av stad.

<sup>7</sup> Eg sa til han: «Om kongen finn det for godt, så send med meg brev til statthaldarane i provinsen Bortanfor Euftrat, så dei lèt meg fara gjennom til eg kjem til Juda,

<sup>8</sup> og også eit brev til Asaf, vaktaren for kongens parkar, slik at han gjev meg tømmer til bjelkar i portane i tempelborga, til bymuren og til huset eg skal bu i.» Kongen gjorde dette, for min Gud heldt si gode hand over meg.

<sup>9</sup> Eg kom til statthaldarane i provinsen Bortanfor Euftrat og gav dei breva frå kongen. Kongen hadde sendt med meg hærførarar og ryttarar.

<sup>10</sup>Horonitten Sanballat og ammonitten Tobia, tenestemannen, fekk høyra dette. Dei tok det ille opp at det hadde kome ein mann som ville israellittane vel.

### **Nehemja inspiserer bymuren**

<sup>11</sup>Så kom eg til Jerusalem. Då eg hadde vore der i tre dagar,

<sup>12</sup>tok eg ut om natta saman med nokre få menn. Eg hadde ikkje fortalt noko menneske kva min Gud hadde lagt meg på hjartet å gjera for Jerusalem. Eg hadde ikkje med meg andre dyr enn det eg reid på.

<sup>13</sup>Eg drog ut gjennom Dalporten om natta, forbi Drakekjelda og til Møkkporten. Eg inspisererte Jerusalems murar, som var nedbrotne, og portane som var herja av eld.

<sup>14</sup>Eg drog vidare til Kjeldeporten og Kongedammen, men der var det ikkje plass nok til at dyret som eg reid på, kunne koma forbi.

<sup>15</sup>Eg heldt fram opp gjennom dalen om natta og inspisererte muren. Deretter snudde eg og kom tilbake gjennom Dalporten.

<sup>16</sup>Stormennene visste ikkje kvar eg hadde vore, eller kva eg hadde gjort. Heilt til då hadde eg ikkje fortalt det til judearane, verken til prestane, dei fremste, stormennene eller dei andre som skulle gjera arbeidet.

<sup>17</sup>Men no sa eg til dei: «De ser kor ille vi har det her. Jerusalem ligg i ruinar, og portane er brende. Kom, lat oss byggja opp att muren kring Jerusalem, så vi ikkje lenger må leva i vanære.»

<sup>18</sup>Eg fortalde dei òg korleis Gud heldt si gode hand over meg, og kva kongen hadde sagt til meg. Då sa dei: «Lat oss gå i gang med å byggja!» Og dei tok fatt på det gode verket.

<sup>19</sup>Då horonitten Sanballat, ammonitten Tobia, tenestemannen, og arabaren Gesjem høyrde dette, spotta og hånte dei oss. Dei sa: «Kva er det de held på med? Gjer de opprør mot kongen?»

<sup>20</sup> Eg svara dei: «Himmelens Gud vil la oss lukkast. Vi, tenarane hans, skal gå i gang med å byggja. Men de har ingen del, ingen rett og inga historie i Jerusalem.»

### **Nehemja 3**

#### **Muren blir bygd opp att**

<sup>1</sup> Øvstepresten Eljasjib og brørne hans, prestane, gjekk i gang med å byggja Saueporten. Dei helga han og sette inn dørene. Deretter helga dei muren heilt til Hundretårnet og Hananel-tårnet.

<sup>2</sup> Jamsides dei bygde mennene frå Jeriko, og jamsides dei bygde Sakkur, son til Imri.

<sup>3</sup> Fiskeporten vart bygd av etterkomarane til Senaa. Dei tømra han opp og sette inn dører med boltar og bommar.

<sup>4</sup> Jamsides dei arbeidde Meremot, son til Uria, son til Hakkos, og jamsides dei Mesjullam, son til Berekja, son til Mesjesabel, og jamsides dei Sadok, son til Baana.

<sup>5</sup> Jamsides dei arbeidde mennene frå Tekoa, men dei fremste blant dei ville ikkje bøya nakken i arbeid for herrane sine.

<sup>6</sup> Gamleporten vart reparert av Jojada, son til Paseah, og av Mesjullam, son til Besodja. Dei tømra han opp og sette inn dører med boltar og bommar.

<sup>7</sup> Jamsides dei arbeidde Melatja frå Gibeon, Jadon frå Meronot og menn frå Gibeon og Mispa, som var sete for statthaldaren i provinsen Bortanfor Euftrat.

<sup>8</sup> Jamsides dei arbeidde Ussiel, son til Harhaja, ein av gullsmedane, og jamsides han arbeidde Hananja, ein av salvemakarane. Dei bygde opp att Jerusalem heilt fram til Den breie muren.

<sup>9</sup> Jamsides dei arbeidde Refaja, son til Hur. Han var leiar for halvparten av Jerusalem-området.

<sup>10</sup> Jamsides dei arbeidde Jedaja, son til Harumaf, rett ved sitt eige hus, og jamsides han arbeidde Hattusj, son til Hasjabneja.

<sup>11</sup> Omnstårnet og ein annan del av muren vart reparerte av Malkia, son til Harim, og av Hasjub, son til Pahat-Moab.

<sup>12</sup>Jamsides han arbeidde Sjallum, son til Hallohesj, som var leiar for den andre halvparten av Jerusalem-området, og døtrene hans.

<sup>13</sup> Dalporten vart reparert av Hanun og innbyggjarane i Sanoah. Dei bygde han opp att og sette inn dører med boltar og bommar. Dei reparerte òg tusen alner på muren heilt til Møkkporten.

<sup>14</sup>Møkkporten vart reparert av Malkia, son til Rekab, leiaren for Bet-Hakkerem-området. Han bygde opp att porten og sette inn dører med boltar og bommar.

<sup>15</sup> Sjallun, son til Kol-Hose, leiaren for Mispa-området, reparerte Kjeldeporten. Han bygde han opp att, la tak på han og sette inn dører med boltar og bommar. Han reparerte òg muren ved Sjelah-dammen, nær kongshagen, og bort til trappene ned frå Davidsbyen.

<sup>16</sup>Deretter arbeidde Nehemja, son til Asbuk, som var leiar for halvparten av Bet-Sur-området. Han reparerte muren fram til Davids-gravene og til den kunstige dammen og krigarane sitt hus.

<sup>17</sup>Etter han arbeidde levittane, Rehum, son til Bani, og ved sida av han arbeidde Hasjabja for sitt område. Han var leiar for halvparten av Ke'ila-området.

<sup>18</sup>Etter dei arbeidde brørne deira, Bavvai, son til Henadad, leiaren for den andre halvparten av Ke'ila-området,

<sup>19</sup> og jamsides han arbeidde Eser, son til Jesjua, leiaren for Mispa, på ein annan del rett imot oppgangen til våpenlageret i murvinkelen.

<sup>20</sup>Etter han arbeidde Baruk, son til Sabbai, med stor iver på ein annan del, frå hjørnet og fram til inngangen til huset åt øvstepresten Eljasjib.

<sup>21</sup>Etter han arbeidde Meremot, son til Uria, son til Hakkos, på ein annan del, frå inngangen til Eljasjibs hus og til enden av huset.

- <sup>22</sup>Etter han arbeidde prestane som budde i nærleiken.
- <sup>23</sup>Etter dei arbeidde Benjamin og Hasjub rett ved sine egne hus. Etter han arbeidde Asarja, son til Maaseja, son til Ananja, attmed sitt eige hus.
- <sup>24</sup>Etter han arbeidde Binnui, son til Henadad, på ein annan del, frå Asarja sitt hus til murvinkelen og hjørnet.
- <sup>25</sup>Palal, son til Usai, arbeidde like ved hjørnet og det øvre tårnet som stikk fram frå kongeborga, det som høyrer til vaktgarden. Etter han arbeidde Pedaja, son til Parosj, og
- <sup>26</sup>tempeltenarane som budde på Ofel, heilt til eit punkt rett ved Vassporten i aust og tårnet som stakk fram.
- <sup>27</sup>Etter dei arbeidde mennene frå Tekoa på ein annan del, frå plassen framfor det store tårnet som stakk fram, og til Ofel-muren.
- <sup>28</sup> Ovanfor Hesteporten arbeidde prestane framfor kvart sitt hus.
- <sup>29</sup> Etter dei arbeidde Sadok, son til Immer, på den andre sida av huset sitt. Og etter han arbeidde Sjemaja, son til Sjekanja, som vakta Austporten.
- <sup>30</sup>Etter han arbeidde Hananja, son til Sjelemja, og Hanun, den sjette sonen til Salaf, på ein annan del. Etter han arbeidde Mesjullam, son til Berekja, framfor sitt eige rom.
- <sup>31</sup>Etter han arbeidde Malkia, ein av gullsmedane, heilt fram til huset til tempeltenarane og handelsmennene framfor Mønstringsporten, til det øvre hjørnet.
- <sup>32</sup>Og mellom det øvre hjørnet og Saueporten arbeidde gullsmedane og handelsmennene.

## **Nehemja 4**

### **Judearane møter motstand**

<sup>1</sup> Då Sanballat høyrde at vi heldt på å byggja opp muren, vart han sint; han var frå seg av raseri. Han spotta judearane

<sup>2</sup>og sa til landsmennene sine og til hæren i Samaria: «Kva er det desse elendige judearane driv på med? Skal dei byggja opp att, ofra og fullføra på éin dag? Kan dei gjera dei brende steinane i grushaugane levande?»

<sup>3</sup>Ammonitten Tobia, som var saman med han, sa: «Lat dei byggja så mykje dei vil! Berre ein rev hoppar oppå, riv han steinmuren ned.»

<sup>4</sup>«Høyr, vår Gud, korleis vi blir hånte! Lat spotten koma att over deira eigne hovud. Lat dei bli plyndra og førte som fangar til framandt land!

<sup>5</sup>Dekk ikkje over skulda deira, og lat ikkje synda bli viska ut for ditt andlet. Dei har krenkt bygningsmennene.»

<sup>6</sup>Så bygde vi opp att muren i halv høgd heilt rundt, og folket la hjartet sitt i arbeidet.

<sup>7</sup>Då Sanballat, Tobia, arabarane, ammonittane og asjdodittane fekk høyra at gjenreisinga av murane omkring Jerusalem gjekk framover, og at rivnene no var i ferd med å fyllast, vart dei rasande.

<sup>8</sup>Alle slo seg saman for å gå til krig mot Jerusalem og skapa forvirring der.

<sup>9</sup>Men vi bad til vår Gud og sette vakt på murane både dag og natt for å halda dei borte.

<sup>10</sup>Då sa dei i Juda: «Dei som ber, har ikkje meir krefter. Det er for mykje grus. Vi maktar ikkje å byggja muren.»

<sup>11</sup>Og motstandarane våre sa: «Før dei veit om det eller legg merke til det, skal vi vera blant dei, drepa dei og gjera slutt på arbeidet.»

<sup>12</sup>Når judearane som budde nær dei, kom til oss, sa dei gong på gong: «Dei kjem imot oss frå alle kantar.»

<sup>13</sup>Så lét eg folket stilla seg opp på dei lågaste stadene bak muren, på dei opne plassane. Eg lét dei stilla seg opp slekt for slekt med sverd, spyd og bogar.

<sup>14</sup>Då eg hadde sett på dette, reiste eg meg og sa til dei fremste, stormennene og resten av folket: «Ver ikkje redde dei! Tenk på Herren, den store og skremmande, og kjemp for brør, søner og døtrer, kvinner og heimar!»



<sup>15</sup> Fiendane våre fekk no høyra at vi kjende til planen deira, og at Gud hadde hindra han. Då vende vi alle attende til muren, kvar til sitt arbeid.

<sup>16</sup>Frå den dagen arbeidde halvparten av dei unge mennene mine på muren, medan den andre halvparten stod med piler, skjold, bogar og brynjer. Leiarane stod bak heile Juda-folket

<sup>17</sup>som bygde på muren. Berarane gjorde arbeidet sitt ved å bera med den eine handa og halda våpenet med den andre.

<sup>18</sup>Kvar bygningsmann hadde sverdet fest ved hofta medan han bygde. Hornblåsaren stod ved sida av meg.

<sup>19</sup>Då sa eg til dei fremste, stormennene og resten av folket: «Arbeidet er stort og vidt, og vi står spreidde på muren, langt frå kvarandre.

<sup>20</sup> Om de høyrer lyden av hornet, skal de samla dykk omkring oss. Vår Gud vil kjempa for oss.»

<sup>21</sup>Vi heldt fram med arbeidet, frå morgonrøden viste seg til stjernene kom fram, medan halvparten stod med spyda sine.

<sup>22</sup>Samstundes sa eg til folket: «Kvar mann og hans tenestefolk må vera over i Jerusalem så dei kan halda vakt om natta og arbeida om dagen.»

<sup>23</sup>Sjølv kom vi aldri ut av kleda, korkje eg eller brørne mine, tenestefolka eller vaktmennene som følgde meg. Kvar mann hadde våpen i høgre hand.

## **Nehemja 5**

### **Sletting av gjeld**

<sup>1</sup>Det steig eit klagerop frå folket og kvinnene mot dei judeiske brørne.

<sup>2</sup>Somme sa: «Med sønene og døtrene våre er vi mange. Vi må ha korn så vi kan eta og leva.»

<sup>3</sup> Andre sa: «Åkrane, vinmarkene og husa våre gjev vi i pant for å få korn mot svolten.»

<sup>4</sup>Atter andre sa: «Vi låner pengar på åkrane og vinmarkene våre til skatt for kongen.



<sup>5</sup>Vi er av same kjøt og blod som brørne våre, våre born er som deira born. Likevel må vi tvinga sønene og døtrene våre til slaveri. Ja, nokre av døtrene våre er alt slavar. Men vi er maktlause, for åkrane og vinmarkene våre høyrer andre til.»

<sup>6</sup>Då eg høyrde klageropa og det dei fortalde, vart eg svært sint.

<sup>7</sup>Men hjartet mitt gav meg råd, og eg refsa dei fremste og stormennene og sa til dei: «Krev de inn noko de har lånt ut til dykkar eigne brør?» Så kalla eg inn til eit folkemøte om dette.

<sup>8</sup>Eg sa til dei: «Vi har, så langt vi kunne, kjøpt ut brørne våre, judearane, som var selde til andre folk. Men de sel dykkar eigne brør, så vi må kjøpa dei fri att.» Dei vart stumme og fann ikkje ord.

<sup>9</sup>Så sa eg: «Det er ikkje rett, det de gjer. Burde de ikkje heller ferdast i frykt for vår Gud, så dei andre folka, fiendane våre, ikkje skal spotta oss?

<sup>10</sup>Eg, brørne mine og tenestefolka mine har òg lånt dei pengar og korn. Lat oss sletta desse låna!

<sup>11</sup>Lat dei i dag få att åkrane, vinmarkene, olivenlundane og husa sine, og ettergjev dei det dei skuldar i pengar, korn, ny vin og fin olje som de har lånt dei.»

<sup>12</sup>Dei svara: «Vi skal gje tilbake og ikkje krevja inn noko frå dei. Vi skal gjera som du seier.» Eg kalla på prestane og bad dei sverja på dette.

<sup>13</sup>Så riste eg ut brystfalden på kappa mi og sa: «Måtte Gud slik rista ut frå hus og eigedom den som ikkje held dette ordet, måtte han bli rista og tømd ut.» Heile forsamlinga sa «amen», og dei prisja Herren. Sidan gjorde folket det dei hadde lova.

<sup>14</sup>Frå den dagen kong Artaxerxes sette meg til statthaldar i landet Juda, i dei tolv åra frå det tjuande til det trettiandre styringsåret hans, åt korkje eg eller mine folk statthaldaren sitt brød.

<sup>15</sup>Dei som var statthaldarar før meg, hadde lagt ei stor bør på folket. Dei tok førti sjekel sølv om dagen til brød og vin. Også mennene deira var harde mot folket. Men eg gjorde ikkje slikt, for eg frykta Gud.

<sup>16</sup>Eg var òg med i arbeidet på denne muren, sjølv om vi ikkje eigde jord, og alle mennene mine var samla til arbeid der.

<sup>17</sup>150 judearar og stormenn åt ved mitt bord, i tillegg til dei som kom til oss frå folkeslaga omkring oss.

<sup>18</sup>Kvar dag fekk eg laga til ein okse, seks sauer av beste sort og fugl, og kvar tiande dag mykje god vin av alle slag. Likevel gjorde eg ikkje krav på statthaldaren sitt brød. For arbeidet kvilte tungt på dette folket.

<sup>19</sup>Min Gud, rekna meg til gode alt det eg har gjort for dette folket!

## Nehemja 6

### Muren blir fullført

<sup>1</sup>Sanballat, Tobia, arabaren Gesjem og dei andre fiendane våre fekk høyra at eg hadde bygd muren opp att, og at det ikkje fanst brest i han lenger, men enno hadde eg ikkje sett inn dører i portane.

<sup>2</sup>Då sende Sanballat og Gesjem bod til meg: «Kom, lat oss møtast i Hakkefirim i Ono-dalen.» Dei hadde tenkt å skada meg.

<sup>3</sup>Eg sende bodberarar til dei med svaret: «Eg held på med eit stort arbeid og kan ikkje koma. Arbeidet ville stansa dersom eg går frå det og dreg ned til dykk.»

<sup>4</sup>Fire gonger sende dei same bodet, og kvar gong gav eg same svaret.

<sup>5</sup>Sanballat sende tenaren sin til meg med det same bodet ein femte gong, no med eit ope brev i handa.

<sup>6</sup>Der stod det skrive: «Folkeslaga har fått høyra, og Gesjem stadfester det, at du og judearane tenkjer på å gjera opprør, og at det er difor du byggjer muren. Det blir sagt at du vil vera kongen deira.

<sup>7</sup>Du skal jamvel ha sett profetar til å ropa om deg i Jerusalem: 'Ein konge i Juda!' Dette vil kongen no få høyra. Kom difor og lat oss rådsla om saka!»

<sup>8</sup>Men eg gav dette svaret: «Ingenting av det du talar om, har hendt. Dette er noko du sjølv har funne på.»

<sup>9</sup>For alle ville skremma oss. Dei sa: «Dei kjem til å mista motet, og arbeidet vil ikkje bli gjort.» – Og no, styrk hendene mine!

<sup>10</sup>Då gjekk eg inn i huset til Sjemaja, son til Delaja, son til Mehetabel, som måtte halda seg heime. Han sa: «Lat oss møtast i Guds hus, midt i tempelet. Lat oss låsa dørene der, for dei kjem til å drepa deg om natta.»

<sup>11</sup>Eg svara: «Skulle ein mann som eg rømme? Og skulle ein som eg gå inn i tempelet og framleis leva? Nei, eg går ikkje inn.»

<sup>12</sup>For eg skjøna at det ikkje var Gud som hadde sendt han. Han tala profetord om meg fordi Tobia og Sanballat hadde betalt han.

<sup>13</sup>Han hadde fått betaling for at eg skulle bli skremd til å gjera som han ville, og synda. Slik ville eg få eit dårleg namn og bli til spott.

<sup>14</sup>Min Gud, hugs Tobia og Sanballat for det dei har gjort, og profetkvinna Noadja og dei andre profetane som ville skremma meg.

<sup>15</sup>Muren var ferdig den tjuedefemte dagen i månaden elul, etter femtito dagar.

<sup>16</sup>Alle fiendane våre fekk høyra det, og alle folkeslaga omkring oss fekk sjå det. Då innsåg dei kva som hadde hendt, og skjøna at arbeidet var fullført med hjelp frå vår Gud.

<sup>17</sup>På den tida sende òg leiarane i Juda mange brev til Tobia, og Tobia svara dei.

<sup>18</sup>Mange i Juda var bundne til han gjennom eid, for han var svigerson til Sjekanja, son til Arah, og Johanan, son hans, hadde gift seg med dotter til Mesjullam, son til Berekja.

<sup>19</sup>Dei heldt fram med å tala vel om han til meg, og mine ord bar dei vidare til han. Tobia sende òg brev for å skremma meg.

## Nehemja 7

<sup>1</sup>Då muren var bygd og eg hadde sett inn dørene, vart portvaktene, songarane og levittane utnemnde.

<sup>2</sup>Til å styra over Jerusalem sette eg Hanani, bror min, og Hananja, leiaren for borga. For han var ein påliteleg mann og meir gudfryktig enn dei fleste.

<sup>3</sup>Eg sa til dei: «Portane i Jerusalem skal ikkje opnast før sola byrjar å verma, og medan dei enno står vakt, skal dørene stengjast og låsast. Set dei som bur i Jerusalem, til å halda vakt, somme på dei ulike postane og somme utanfor sine eigne hus.»

### Folket i Jerusalem

<sup>4</sup>Byen var vid og stor, men folket der var fåtalig, og husa var enno ikkje gjenreiste.

<sup>5</sup>Min Gud la meg på hjartet å samla leiarane, stormennene og heile folket for å registrera dei. Eg fann då slektsregistra over dei som hadde drege opp tidlegare, og der stod det skrive:

<sup>6</sup> Dette er mennene frå provinsen Juda som drog tilbake frå fangenskapet i eksil. Kong Nebukadnesar av Babel hadde ført dei dit, og no hadde dei vendt attende til Jerusalem og Juda, kvar til sin by.

<sup>7</sup> Dei kom saman med Serubabel, Josva, Nehemja, Asarja, Raamja, Nahamani, Mordekai, Bilsjan, Misperet, Bigvai, Nehum og Baana. Dette er talet på mennene frå Israelfolket:

<sup>8</sup>etterkomarar av Parosj 2172,

<sup>9</sup>av Sjefatja 372,

<sup>10</sup>av Arah 652,

<sup>11</sup>av Pahat-Moab, altså av Josva og Joab, 2818,

<sup>12</sup>av Elam 1254,

<sup>13</sup>av Sattu 845,

<sup>14</sup>av Sakkai 760,

- <sup>15</sup>av Binnui 648,  
<sup>16</sup>av Bebai 628,  
<sup>17</sup>av Asgad 2322,  
<sup>18</sup>av Adonikam 667,  
<sup>19</sup>av Bigvai 2067,  
<sup>20</sup>av Adin 655,  
<sup>21</sup>av Ater, altså av Hiskia, 98,  
<sup>22</sup>av Hasjum 328,  
<sup>23</sup>av Besai 324,  
<sup>24</sup>av Harif 112.  
<sup>25</sup>Frå Gibeon 95 menn,  
<sup>26</sup>frå Betlehem og Netofa 188,  
<sup>27</sup>frå Anatot 128,  
<sup>28</sup>frå Bet-Asmavet 42,  
<sup>29</sup>frå Kirjat-Jearim, Kefira og Beerot 743,  
<sup>30</sup>frå Rama og Geba 621,  
<sup>31</sup>frå Mikmas 122,  
<sup>32</sup>frå Betel og Ai 123,  
<sup>33</sup>frå det andre Nebo 52.  
<sup>34</sup>Etterkomarar av den andre Elam 1254,  
<sup>35</sup>av Harim 320.  
<sup>36</sup>Menn frå Jeriko 345,  
<sup>37</sup>frå Lod, Hadid og Ono 721.  
<sup>38</sup>Etterkomarar av Senaa 3930.  
<sup>39</sup>Prestane: etterkomarar av Jedaja, frå Josvas hus, 973,

- <sup>40</sup>av Immer 1052,
- <sup>41</sup>av Pasjhur 1247,
- <sup>42</sup>av Harim 1017.
- <sup>43</sup>Levittane: etterkomarar av Josva og Kadmiel, altså av Hodavja, 74.
- <sup>44</sup>Songarane: etterkomarar av Asaf 148.
- <sup>45</sup>Portvaktene: etterkomarar av Sjallum, Ater, Talmon, Akkub, Hatita og Sjobai 138.
- <sup>46</sup>Tempeltenarane: etterkomarar av Siha, Hasufa, Tabbaoth,
- <sup>47</sup>Keros, Sia, Padon,
- <sup>48</sup>Lebana, Hagaba, Sjalmai,
- <sup>49</sup>Hanan, Giddel, Gahar,
- <sup>50</sup>Reaja, Resin, Nekoda,
- <sup>51</sup>Gassam, Ussa, Paseah,
- <sup>52</sup>Besai, me'unittane og nefusittane,
- <sup>53</sup>Bakbuk, Hakufa, Harhur,
- <sup>54</sup>Baslit, Mehida, Harsja,
- <sup>55</sup>Barkos, Sisera, Tamah,
- <sup>56</sup>Nesiah og Hatifa.
- <sup>57</sup>Etterkomarane av Salomos tenarar: av Sotai, Soferet, Perida,
- <sup>58</sup>Jaala, Darkon, Giddel,
- <sup>59</sup>Sjefatja, Hattil, Pokeret-Hassebajim og Amon.
- <sup>60</sup>Tempeltenarane og etterkomarane av Salomos tenarar var i alt 392.
- <sup>61</sup>Dette er dei som drog tilbake frå Tel-Melah, Tel-Harsja, Kerub, Addon og Immer, men som ikkje kunne gjera greie for si ætt og sitt opphav, om dei hørde Israel til:

- <sup>62</sup>etterkomarar av Delaja, Tobia og Nekoda 642,
- <sup>63</sup>og etterkomarar av prestane: av Hobaja, Hakkos og Barsillai, han som hadde gift seg med ei av døtrene til Barsillai frå Gilead og teke deira namn.
- <sup>64</sup>Dei leita etter slektsregistra sine, men fann dei ikkje. Difor vart dei rekna for uverdige til prestetenesta.
- <sup>65</sup> Statthaldaren forbaud dei å eta av det høgheilage til det stod fram ein prest med urim og tummim.
- <sup>66</sup>Heile forsamlinga var i alt 42 360.
- <sup>67</sup>I tillegg kom dei 7337 mannlege og kvinnelege slavane, dessutan 245 mannlege og kvinnelege songarar.
- <sup>68</sup> {{Dei hadde 736 hestar, 245 muldyr,}}
- <sup>69</sup>435 kamelar og 6720 esel.
- <sup>70</sup> Nokre leiarar for familiar gav til arbeidet. Statthaldaren gav 1000 gulldrakmar, 50 offerskåler og 530 prestedrakter til arbeidsfondet.
- <sup>71</sup>Andre leiarar gav 20 000 gulldrakmar og 2200 sølvminer til fondet.
- <sup>72</sup>Resten av folket gav 20 000 gulldrakmar, 2000 sølvminer og 67 prestedrakter.
- <sup>73</sup>Prestane, levittane, portvaktene, songarane og nokre av folket busette seg i sine byar, medan tempeltenarane og alle dei andre i Israel busette seg i sine byar.

### Esra les opp lova

Den sjuande månaden kom. Israel hadde no busett seg i byane sine.

### Nehemja 8

<sup>1</sup>Då samla folket seg, alle som ein, på plassen framfor Vassporten. Dei bad Esra, den skriftlærde, henta boka med Moselova, som Herren hadde gjeve Israel.



<sup>2</sup>Og presten Esra bar fram lova for forsamlinga, både menn og kvinner, alle som kunne skjøna det dei høyrde. Det var den første dagen i den sjuande månaden.

<sup>3</sup>Han las i lovboka på plassen framfor Vassporten frå morgongry til midt på dagen for mennene og kvinnene, alle som kunne skjøna. Heile folket lytta til lovboka.

<sup>4</sup>Esra, den skriftlærde, stod på ein tram av tre som dei hadde laga til dette. På høgre sida hans stod Mattitja, Sjema, Anaja, Uria, Hilkia og Maaseja, og på venstre sida Pedaja, Misjael, Malkia, Hasjum, Hasjbaddana, Sakarja og Mesjullam.

<sup>5</sup>Esra opna boka framfor auga til alt folket, for han stod høgare enn dei andre. Då han opna henne, reiste alt folket seg.

<sup>6</sup>Esra velsigna Herren, den store Gud, og alt folket lyfte hendene medan dei sa: «Amen, amen.» Så bøygde dei seg ned og tilbad Herren med andletet mot jorda.

<sup>7</sup>Levittane Josva, Bani, Sjerebja, Jamin, Akkub, Sjabbetai, Hodia, Maaseja, Kelita, Asarja, Josabad, Hanan og Pelaja forklara lova for folket, som vart ståande.

<sup>8</sup>Dei las opp frå Guds lovbok medan dei tolka og forklara det som vart lese, slik at folket skulle skjøna.

<sup>9</sup>Statthaldaren Nehemja, presten Esra, den skriftlærde, og levittane som underviste folket, sa då til folkemengda: «Denne dagen er heilag for Herren dykkar Gud. De skal ikkje sørgja og ikkje gråta!» For heile folket gret då dei høyrde det som stod i lova.

<sup>10</sup> Han sa så til dei: «Gå og et feite retter og drikk søt vin, og send mat som gåver til dei som ikkje har noko! For denne dagen er heilag for vår Herre. Ver ikkje fylte av sorg! For gleda i Herren er dykkar styrke.»

<sup>11</sup>Levittane roa folkemengda og sa: «Ver stille, for dette er ein heilag dag. Ver ikkje fylte av sorg!»

<sup>12</sup>Då gjekk alt folket for å eta og drikka og senda gåver. Dei laga ein stor fest, for dei hadde skjønna det som vart sagt dei.

### **Israel held lauvhyttfest**

<sup>13</sup>Den andre dagen samla dei seg hos Esra, den skriftlærde, for å granska lovorda – leiarane for familiane i heile folket, prestane og levittane.

<sup>14</sup>I lova som Herren hadde pålagt Moses, fann dei skrive at israelittane skulle bu i lauvhytter på festen i den sjuande månaden,

<sup>15</sup>og at dei skulle gjera kjent og ropa ut i alle byane sine og i Jerusalem: «Gå opp i fjellet og hent lauv av edle og ville oliventre, av myrt og palme og andre lauvtre for å laga hytter, som skrive står!»

<sup>16</sup>Då gjekk folket ut og henta lauv, og dei laga hytter, kvar på sitt tak og tun, og i føregardane til Guds hus, på plassen ved Vassporten og på plassen ved Efraim-porten.

<sup>17</sup>Heile forsamlinga, dei som hadde vendt attende frå fangenskapet, laga lauvhytter og budde i dei. Før denne dagen hadde israelittane ikkje gjort dette sidan Josva, son til Nun, levde. Gleda var stor.

<sup>18</sup>Esra las frå Guds lovbok dag etter dag, frå den første til den siste dagen. Dei heldt fest i sju dagar, og på den åttande dagen heldt dei ei høgtidssamling, slik det var fastsett.

## **Nehemja 9**

### **Folket sannar si synd**

<sup>1</sup>Den tjuefjerde dagen i same månaden samla israelittane seg til faste, kledde i sekkestrie og med mold strødd over seg.

<sup>2</sup>Dei som var av Israels ætt, skilde seg frå alle dei framande. Dei stod fram og sanna syndene sine og fedrane si skuld.

<sup>3</sup>Ein fjerdepart av dagen stod dei, kvar på sin plass, medan det vart lese opp frå lovboka til Herren deira Gud. Ein annan fjerdepart av dagen skrifta dei og tilbad Herren sin Gud.

<sup>4</sup>Og Josva, Bani, Kadmiel, Sjebanja, Bunni, Sjerebja, Bani og Kenani steig opp på levittane sitt podium og ropa med høg røyst til Herren sin Gud.

<sup>5</sup>Då sa levittane Josva, Kadmiel, Bani, Hasjabneja, Sjerebja, Hodia, Sjebanja og Petahja: Stå opp, velsign Herren dykkar Gud, han som er frå æve til æve. Velsigna vere ditt herlege namn, som er høgare enn all lov og pris.

<sup>6</sup>Du er Herren, du åleine. Du har skapt himmelen, himmel-himlane med heile hærs karen, jorda og alt som er på henne, havet og alt som er i det. Du gjev alle liv, himmelhæren tilbed deg.

<sup>7</sup>Du er Herren Gud som valde ut Abram, som førte han frå Ur i Kaldea og gav han namnet Abraham.

<sup>8</sup>Du fann at hans hjarte var trufast mot deg, og du gjorde ei pakt med han. Landet til kanaanearane, hetittane, amorittane, perisittane, jebusittane og girgasjittane lova du å gje etterkomarane hans. Og du heldt din lovnad, for du er rettferdig.

<sup>9</sup>Du såg korleis fedrane vart plaga i Egypt, du hørde deira skrik ved Sivsjøen.

<sup>10</sup>Du gjorde teikn og under med farao og tenarane hans og alt folket i landet. For du visste at dei handla i overmot mot fedrane våre. Du skapte deg eit namn som varer til denne dag.

<sup>11</sup>Du kløyvde sjøen framfor dei, og dei drog gjennom havet på tørr grunn. Men dei som forfølgde dei, kasta du i djupet som stein i det veldige vatnet.

<sup>12</sup>I ei skysøyle førte du dei om dagen og i ei eldsøyle om natta; ho lyste opp vegen dei skulle gå.

<sup>13</sup>Du steig ned på Sinai-fjellet og tala til dei frå himmelen. Du gav dei rette ordningar, sanne lover, gode forskrifter og bod.

<sup>14</sup>Din heilage sabbat kunngjorde du, bod, forskrifter og lov gav du dei gjennom Moses, tenaren din.

**15** Brød frå himmelen gav du dei mot hungeren, og vatn lét du strøyma frå berget mot tørsten. Du baud dei dra inn og ta landet i eige, det som du med lyft hand hadde lova dei.

**16** Men dei var hovmodige og stivnakka, fedrane våre, dei høyrde ikkje på dine bod.

**17** Dei nekta å høyra og hugsa ikkje dine under som du hadde gjort for dei. Dei var stivnakka og tok seg ein leiar for å venda attende til slaveriet i Egypt. Men du er ein Gud som tilgjev, du er nådig og mild, sein til vreide og rik på miskunn, og du forlét dei ikkje.

**18** Dei støypte seg jamvel ein kalv og sa: «Dette er din gud som førte deg opp frå Egypt.» Og dei spotta grovt.

**19** Men i di store miskunn forlét du dei ikkje i ørkenen. Skysøyla veik ikkje frå dei om dagen, men førte dei på vegen; og eldsøyla veik ikkje frå dei om natta, men lyste opp vegen dei skulle gå.

**20** Du gav dei din gode Ande for at dei skulle få visdom. Du nekta dei ikkje manna til mat og gav dei vatn mot tørsten.

**21** Du sørgde for dei i førti år, i ørkenen mangla dei ikkje noko. Kleida deira vart ikkje utslitne, og føtene hovna ikkje opp.

**22** Du gav dei folk og kongerike som du lét dei få som grenser. Dei tok landet til Sihon, kongen i Hesjbon, og landet til Og, kongen i Basan.

**23** Du gjorde borna deira talrike som stjernene på himmelen. Du førte dei inn i det landet som du hadde sagt at fedrane skulle koma og ta i eige.

**24** Så kom borna og tok landet i eige. Du kua kanaanearane, dei som budde i landet. Og du gav kongane og folka i landet i deira hender, så dei kunne gjera med dei som dei ville.

**25** Dei tok festningsbyar og fruktbar jord og tok velfylte hus i eige, utgravne brønningar og vinmarker, olivenlundar og frukttre i mengd. Dei åt og vart mette og feite og naut dine gode gåver.

<sup>26</sup> Men dei vart trassige og sette seg opp mot deg; dei kasta di lov bak sin rygg. Dei drap profetane dine som åtvara dei og ville føra dei tilbake til deg. Og dei spotta grovt.

<sup>27</sup> Då gav du dei i hendene på motstandarar som undertrykte dei. Men i trengselstida ropa dei til deg, og du hørde dei frå himmelen. I di store miskunn sende du utfriarar som frelste dei frå fiendehand.

<sup>28</sup> Men så snart dei hadde fått ro, gjorde dei igjen det som vondt var i dine auge. Du gav dei over i hendene på fiendar som herska over dei. Dei ropa igjen til deg, og du hørde det frå himmelen og berga dei gong på gong i di store miskunn.

<sup>29</sup> Du åtvara dei, for du ville føra dei tilbake til di lov. Men dei var hovmodige og hørde ikkje på boda dine. Dei synda mot lovene dine, dei som gjev mennesket liv når det følgjer dei. Dei vende ryggen til i trass; dei var stivnakka og ville ikkje høyra.

<sup>30</sup> Du heldt ut med dei i mange år og åtvara dei ved din Ande gjennom profetane dine. Men dei ville ikkje lytta, så du gav dei i hendene på folka omkring.

<sup>31</sup> Men i di store miskunn gjorde du ikkje ende på dei, og du forlét dei ikkje. For du er ein mild og nådig Gud.

<sup>32</sup> Og no, vår Gud, du store, mektige og skremmande Gud, du som held pakta og gjer godt, sjå det ikkje som noko lite, desse harde tidene som har ramma oss, våre kongar og leiarar, våre prestar og profetar, våre fedrar og heile folket, frå assyrarkongane sine dagar og til denne dag.

<sup>33</sup> Du var rettferdig i alt som kom over oss. For du har vist deg trufast, men vi har gjort urett.

<sup>34</sup> Kongane og leiarane våre, prestane og fedrane handla ikkje etter di lov. Dei akta ikkje på dine bod og dei åtvaringane du gav dei.

<sup>35</sup>Sjølv om du gav dei eit eige rike og alle dine gode gåver, sjølv om du gav dei det vide, fruktbare landet, så tente dei deg ikkje og vende seg ikkje bort frå vonde gjerningar.

<sup>36</sup>Sjå, i dag er vi slavar, vi er slavar i landet du gav fedrane våre så dei skulle eta fruktene og alt det gode der.

<sup>37</sup>Den rike avlinga går no til kongane som du har sett over oss på grunn av syndene våre. Dei herskar som dei vil over kroppane våre og buskapen vår. Vi er i stor naud.

### Folket vil leva etter lova

<sup>38</sup>På grunn av alt dette gjer vi ein avtale og skriv han ned. Det forseгла skrivet er underskrive av leiarane, levittane og prestane våre.

### Nehemja 10

<sup>1</sup>Dei som skreiv under, var: statthaldaren Nehemja, son til Hakalja, Sidkia,

<sup>2</sup>Seraja, Asarja, Jeremia,

<sup>3</sup>Pasjhur, Amarja, Malkia,

<sup>4</sup>Hattusj, Sjebanja, Malluk,

<sup>5</sup>Harim, Meremot, Obadja,

<sup>6</sup>Daniel, Ginneton, Baruk,

<sup>7</sup>Mesjullam, Abia, Mijamin,

<sup>8</sup>Maasja, Bilgai og Sjemaja. Dette var prestane.

<sup>9</sup>Levittane: Josva, son til Asanja, Binnui av Henadad-sønene, Kadmiel,

<sup>10</sup>og brørne deira: Sjebanja, Hodia, Kelita, Pelaja, Hanan,

<sup>11</sup>Mika, Rehob, Hasjabja,

<sup>12</sup>Sakkur, Sjerebja, Sjebanja,

<sup>13</sup>Hodia, Bani og Beninu.

<sup>14</sup>Leiarane for folket: Parosj, Pahat-Moab, Elam, Sattu, Bani,

<sup>15</sup>Bunni, Asgad, Bebai,

<sup>16</sup>Adonja, Bigvai, Adin,

<sup>17</sup>Ater, Hiskia, Assur,

<sup>18</sup>Hodia, Hasjum, Besai,

<sup>19</sup>Harif, Anatot, Nebai,

<sup>20</sup>Magpiasj, Mesjullam, Hesir,

<sup>21</sup>Mesjesabel, Sadok, Jaddua,

<sup>22</sup>Pelatja, Hanan, Anaja,

<sup>23</sup>Hosea, Hananja, Hasjub,

<sup>24</sup>Hallohesj, Pilha, Sjobek,

<sup>25</sup>Rehum, Hasjabna, Maaseja,

<sup>26</sup>Ahia, Hanan, Anan,

<sup>27</sup>Malluk, Harim og Baana.

<sup>28</sup>Resten av folket – prestane, levittane, portvaktene, songarane, tempeltenarane og alle dei som hadde skilt seg frå folka i landområda omkring for å halda seg til Guds lov, saman med kvinnene, sønene og døtrene deira, alle som var i stand til å skjøna

<sup>29</sup> – alle slutta seg til sine fremste landsmenn og gjekk inn under eiden dei hadde svore om å følgja Guds lov som var gjeven ved Moses, Guds tenar. Dei ville halda alle boda frå Herren vår Gud, forskriftene og lovene hans, og leva etter dei:

<sup>30</sup> Vi lovar at vi ikkje skal gje døtrene våre til folka i landet omkring og ikkje ta døtrene deira til koner for sønene våre.

<sup>31</sup> Når folka i landet kjem med varer eller korn av alle slag for å selja på sabbaten, skal vi ikkje kjøpa av dei, verken på sabbaten eller på andre heilage dagar. Kvart sjuande år skal vi la jorda liggja brakk og ettergje all gjeld.

<sup>32</sup>Vi tek på oss den plikta at vi kvart år skal gje ein tredjedels sjekel til tenesta i vår Guds hus,

<sup>33</sup> til skodebrødet, det daglege grødeofferet og brennofferet, til offera på sabbatane, nymånedagane og høgtidene, til heilaggåvene og syndoffera til soning for Israel, og til alt arbeid som skal gjerast i vår Guds hus.

<sup>34</sup> Vi, prestane, levittane og folket, skal kasta lodd om korleis vedofferet skal førast til vår Guds hus. Kvar familie skal, til fastsette tider kvart år, skaffa brensel til altaret for Herren vår Gud, slik det står skrive i lova.

<sup>35</sup>Kvart år skal vi koma til Herrens hus med den første grøda av jorda og den første frukta av alle slag tre,

<sup>36</sup> og med dei førstefødde av søner og av husdyr, slik det står skrive i lova, dei førstefødde av både storfe og småfe, og gje dei til vår Guds hus, til prestane som gjer teneste der.

<sup>37</sup>Det første av brøddeigen, som vi ofrar, av frukt frå kvart tre, av ny vin og fin olje skal vi koma til prestane med, til romma i vår Guds hus. Vi skal gje tiend av jorda vår til levittane, og det er levittane som skal krevja inn tienda i alle byane der vi har arbeidet vårt.

<sup>38</sup> Ein aronittisk prest skal vera med levittane når dei krev inn tienda, og levittane skal sjølv gje ei tiend av tienda til vår Guds hus, til romma i lagerhuset.

<sup>39</sup>For både israellittane og levittane skal koma med offergåver av korn, ny vin og fin olje til desse romma. Der er utstyret som blir nytta i heilagdomen, og der er prestane som gjer teneste, portvaktene og songarane. Vi skal ikkje svikta vår Guds hus.

## **Nehemja 11**

### **Busetjinga i Jerusalem og Juda**

<sup>1</sup>Leiarane for folket busette seg i Jerusalem. Resten av folket kasta lodd om kvar dei skulle bu. Ein av ti skulle bu i Jerusalem, den heilige byen, medan dei andre ni slo seg ned i dei andre byane.



- <sup>2</sup>Og folket velsigna alle dei som var villige til å busetja seg i Jerusalem.
- <sup>3</sup>Dette er leiarane i provinsen, dei som budde i Jerusalem og i Juda-byane. Kvar mann budde på sin eigedom i byane, både isrealittar, prestar, levittar, tempeltenarar og etterkomarar av Salomos tenarar.
- <sup>4</sup>I Jerusalem budde nokre av judearane og benjaminittane. Av judearane: Ataja, son til Ussia, son til Sakarja, son til Amarja, son til Sjefatja, som var son til Mahalalel, ein av etterkomarane av Peres,
- <sup>5</sup>og Maaseja, son til Baruk, son til Kol-Hose, son til Hasaja, son til Adaja, son til Jojarib, som var son til Sakarja, ein etterkomar av sjelanittane.
- <sup>6</sup>I Jerusalem budde det til saman 468 våpenføre menn som var etterkomarar av Peres.
- <sup>7</sup>Dette var benjaminittane: Sallu, son til Mesjullam, son til Joed, son til Pedaja, son til Kolaja, son til Maaseja, son til Itiel, som var son til Jesaja,
- <sup>8</sup>og etter han Gabbai og Sallai, til saman 928.
- <sup>9</sup>Joel, son til Sikri, var tilsynsmannen deira, og Juda, son til Hassenua, var den nest øvste leiaren i byen.
- <sup>10</sup>Av prestane: Jedaja, son til Jojarib, Jakin,
- <sup>11</sup>Seraja, son til Hilkia, son til Mesjullam, son til Sadok, son til Merajot, som var son til Ahitub, leiaren for Guds hus,
- <sup>12</sup>og brørne deira som arbeidde i huset, til saman 822; Adaja, son til Jeroham, son til Pelalja, son til Amsi, son til Sakarja, son til Pasjhur, son til Malkia,
- <sup>13</sup>og brørne hans, leiarane for familiane, til saman 242, og Amasai, son til Asarel, son til Ahsai, son til Mesjillemot, som var son til Immer,
- <sup>14</sup>og brørne hans, i alt 128 tapre krigarar. Sabdiel, son til Haggedolim, var tilsynsmannen deira.
- <sup>15</sup>Av levittane: Sjemaja, son til Hasjub, son til Asrikam, son til Hasjabja, son til Bunni,

<sup>16</sup>og Sjabbetai og Josabad, som begge var mellom leiarane for levittane og stod for det utvendige arbeidet ved Guds hus,

<sup>17</sup>Mattanja, son til Mika, son til Sabdi, son til Asaf, som leidde lovsongen og var forsongar under bøna, Bakbukja, ein av brørne som var nestleiar, og Abda, son til Sjammua, son til Galal, son til Jeditun.

<sup>18</sup>Levittane i den heilage byen var til saman 284.

<sup>19</sup>Av portvaktene: Akkub, Talmon og brørne deira, som heldt vakt ved portane, til saman 172.

<sup>20</sup>Resten av israelittane, prestane og levittane budde i alle byane i Juda, kvar på sin eigedom.

<sup>21</sup>Tempeltenarane budde på Ofel. Siha og Gisjpa hadde tilsyn med dei.

<sup>22</sup>Tilsynsmann for levittane i Jerusalem var Ussi, son til Bani, son til Hasjabja, son til Mattanja, son til Mika, ein av etterkomarane av Asaf, dei som song. Han stod for arbeidet i Guds hus.

<sup>23</sup>Det var ei kongeleg ordning for songarane som fastsette kva dei skulle gjera kvar dag.

<sup>24</sup>Petahja, son til Mesjesabel, ein av etterkomarane av Serah, son til Juda, var ved kongens hand i alle saker som gjaldt folket.

<sup>25</sup>Nokre av judearane budde i landsbyar med marker rundt: i Kirjat-Arba og småbyane som høyrde til, i Dibon med småbyar, i Jekabseel med landsbyar,

<sup>26</sup>i Jesjua, Molada og Bet-Pelet,

<sup>27</sup>i Hasar-Sjual, i Beer-Sjeba med småbyar,

<sup>28</sup>i Siklag, i Mekona med småbyar,

<sup>29</sup>i En-Rimmon, Sora og Jarmut,

<sup>30</sup>i Sanoah, i Adullam med landsbyar, i Lakisj og markene rundt, i Aseka med småbyar. Dei busette seg frå Beer-Sjeba til Hinnom-dalen.

<sup>31</sup>Benjaminittane budde i Geba, Mikmas og Ajja og i Betel og byane omkring,

<sup>32</sup>i Anatot, Nob og Ananja,

<sup>33</sup>i Hasor, Rama og Gittajim,

<sup>34</sup>i Hadid, Sebo'im og Neballat,

<sup>35</sup>i Lod, Ono og Ge-Harasjim.

<sup>36</sup>Av levittane var det nokre skift frå Juda som vart overførte til Benjamin.

## Nehemja 12

### Prestar og levittar

<sup>1</sup>Dette er dei prestane og levittane som drog opp saman med Serubabel, son til Sjealtiel, og Josva: Seraja, Jeremia, Esra,

<sup>2</sup>Amarja, Malluk, Hattusj,

<sup>3</sup>Sjekanja, Rehum, Meremot,

<sup>4</sup>Iddo, Ginnetoi, Abia,

<sup>5</sup>Mijamin, Maadja, Bilga,

<sup>6</sup>Sjemaja, Jojarib, Jedaja,

<sup>7</sup>Sallu, Amok, Hilkia og Jedaja. Desse var leiarar for prestane og brørne deira i Josvas dagar.

<sup>8</sup>Dette er levittane: Josva, Binnui, Kadmiel, Sjerebja, Juda og Mattanja, som saman med brørne sine stod for takkesongen.

<sup>9</sup>Bakbukja, Unni og brørne deira stod midt imot dei når dei hadde teneste.

<sup>10</sup>Josva fekk sonen Jojakim, Jojakim fekk Eljasjib, Eljasjib fekk Jojada,

<sup>11</sup>Jojada fekk Jonatan, og Jonatan fekk Jaddua.

<sup>12</sup>I Jojakims dagar var desse leiarar for prestefamiliane: Meraja for Seraja, Hananja for Jeremia,

<sup>13</sup>Mesjullam for Esra, Johanan for Amarja,

<sup>14</sup>Jonatan for Malluk, Josef for Sjebanja,

<sup>15</sup>Adna for Harim, Helkai for Merajot,

<sup>16</sup> Sakarja for Iddo, Mesjullam for Ginneton,

<sup>17</sup> Sikri for Abia, for Minjamin, Piltai for Moadja,

<sup>18</sup> Sjammua for Bilga, Jonatan for Sjemaja,

<sup>19</sup> Mattenai for Jojarib, Ussi for Jedaja,

<sup>20</sup> Kallai for Sallai, Eber for Amok,

<sup>21</sup> Hasjabja for Hilkia og Netanel for Jedaja.

<sup>22</sup> I Eljasjibs, Jojadas, Johanans og Jadduas dagar vart leiarane for levittfamiliane og prestefamiliane oppskrivne, heilt til persaren Dareios si regjeringstid.

<sup>23</sup> Leiarane for levittfamiliane vart oppskrivne i krønikeboka heilt til dagane til Johanan, son til Eljasjib.

<sup>24</sup> Leiarane for levittane var Hasjabja, Sjerebja, Josva, Binnui og Kadmiel. Brørne deira stod midt imot dei, vakt etter vakt. Dei lovprisa og takka, slik David, Guds mann hadde gjeve bod om.

<sup>25</sup> Mattanja, Bakbukja, Obadja, Mesjullam, Talmon og Akkub var portvakter. Dei heldt vakt over lagerromma ved portane.

<sup>26</sup> Alle desse levde samtidig med Jojakim, son til Josva, son til Josadak, og samtidig med statthaldaren Nehemja og presten Esra, den skriftlærde.

### **Muren omkring Jerusalem blir innvigd**

<sup>27</sup> Då muren omkring Jerusalem skulle innviast, bad dei levittane frå alle stader koma til Jerusalem for å feira vigsla med glede og takk, med song og symbalar, harper og lyrer.

<sup>28</sup> Songarane samla seg. Dei kom frå områda rundt Jerusalem og frå landsbyane til Netofa-slekta,

<sup>29</sup> frå Bet-Haggilgal og frå markene ved Geba og Asmavet. For songarane hadde bygd seg landsbyar rundt Jerusalem.

<sup>30</sup>Prestane og levittane reinsa seg sjølve, så reinsa dei folket, portane og muren.

<sup>31</sup>Eg lét leiarane i Juda stiga opp på muren og stilte så opp to store takkekor. Det eine gjekk til høgre på muren mot Møkkporten.

<sup>32</sup>Etter dei følgde Hosjaja og halvparten av leiarane i Juda,

<sup>33</sup>og Asarja, Esra, Mesjullam,

<sup>34</sup>Juda, Benjamin, Sjemaja og Jeremia,

<sup>35</sup>og nokre av prestane med trompetar. Det var Sakarja, son til Jonatan, son til Sjemaja, son til Mattanja, son til Mikaja, son til Sakkur, son til Asaf,

<sup>36</sup>og brørne hans, Sjemaja, Asarel, Milalai, Gilalai, Maai, Netanel, Juda og Hanani, med musikkinstrumenta til David, Guds mann, og Esra, den skriftlærde, som gjekk føre dei.

<sup>37</sup>Dei gjekk over til Kjeldeporten og opp trappene til Davidsbyen, til trappa der muren går opp til Davids hus, og fram til Vassporten i aust.

<sup>38</sup>Det andre takkekoret gjekk motsett veg, og eg følgde etter saman med halvparten av folket oppe på muren, forbi Omnstårnet og heilt til Den breie muren,

<sup>39</sup>forbi Efraim-porten, Gamleporten, Fiskeporten, Hananel-tårnet og Hundretårnet, til Saueporten. Dei stansa ved Vaktporten.

<sup>40</sup>Begge takkekora vart ståande ved Guds hus. Det same gjorde eg og halvparten av stormennene med meg,

<sup>41</sup>vidare prestane Eljakim, Maaseja, Minjamin, Mikaja, Eljoenai, Sakarja og Hananja med trompetar,

<sup>42</sup>Maaseja, Sjemaja, Elasar, Ussi, Johanan, Malkia, Elam og Eser. Songarane stemde i under leiing av Jisrahja.

<sup>43</sup>Dei bar fram store offer den dagen, og dei var glade, for Gud hadde gjeve dei ei stor glede. Kvinnene og borna var òg glade. Jerusalems glede kunne høyrast langt borte.

<sup>44</sup> På den dagen vart menn utpeika til å ha tilsyn med dei romma som var lager for gåvene, førstegrøda og tienda, det som etter lova vart samla frå bymarkene for prestane og levittane. Gleda i Juda var stor fordi prestane og levittane var i teneste igjen.

<sup>45</sup> Dei hadde ansvar for tenesta for sin Gud og for reinsinga. Songarane og portvaktene gjorde si gjerning, slik David og Salomo, son hans, hadde gjeve bod om.

<sup>46</sup> For alt i David og Asaf sine dagar, for lenge sidan, var det nokre som leidde songarane, lovsongen og takka til Gud.

<sup>47</sup> I Serubabels og Nehemjas dagar gav heile Israel songarane og portvaktene den delen dei skulle ha kvar dag. Dei gav levittane den heilage gåva dei skulle ha, og levittane gav aronittane det dei skulle ha.

## **Nehemja 13**

### **Nehemjas reformer**

<sup>1</sup> Denne dagen vart det lese opp frå Moseboka for øyra til folket. Der stod det skrive at ingen ammonitt eller moabitt nokon gong måtte koma inn i Guds forsamling.

<sup>2</sup> For dei møtte ikkje isrealittane med brød og vatn, og dei leigde Bileam til å forbanna dei; men vår Gud vende forbanninga om til velsigning.

<sup>3</sup> Då dei no høyrde det som stod i lova, skilde dei alle av blanda opphav ut frå Israel.

<sup>4</sup> Ei tid før dette hende, hadde presten Eljasjib, ein slektning av Tobia, fått tilsyn med romma i Guds hus.

<sup>5</sup> Han gjorde i stand eit stort rom til Tobia der dei tidlegare hadde lagt inn grødeofferet, røykjelsen, tempelutstyret og tienda av korn, ny vin og fin olje, etter påbodet frå levittane, songarane og portvaktene. Gåvene til prestane var òg lagra der.

<sup>6</sup>Medan alt dette skjedde, var eg ikkje i Jerusalem. For i det trettiandre året Artaxerxes var konge i Babel, hadde eg reist til han. Etter ei tid bad eg kongen om lov til å fara attende.

<sup>7</sup>Då eg kom til Jerusalem, vart eg klar over det vonde som Eljasjib hadde gjort då han laga eit rom for Tobia i føregardane til Guds hus.

<sup>8</sup>Eg vart svært opprørt og kasta alle eigedelane til Tobia ut av rommet.

<sup>9</sup>Så sa eg at dei skulle reinsa rommet, og eg førte tilbake utstyret frå Guds hus, grødeofferet og røykjelsen.

<sup>10</sup> Eg fekk òg vita at levittane ikkje hadde fått det dei skulle ha, og at dei difor hadde fare attende, kvar til sine marker, både dei og songarane som skulle gjera teneste.

<sup>11</sup>Eg refsa stormennene og spurde: «Kvifor har Guds hus vorte forlate?» Så samla eg levittane og sette dei inn att i stillingane sine.

<sup>12</sup> Sidan kom heile Juda med tienda av korn, ny vin og fin olje til lagera.

<sup>13</sup>Eg sette presten Sjelemja, Sadok, den skriftlærde, og Pedaja, ein av levittane, til å ha tilsyn med lagerromma, og gav dei Hanan, son til Sakkur, son til Mattanja, til hjelp. For dei vart rekna for å vera pålitelege. No skulle dei sørgja for at brørne deira fekk sin del.

<sup>14</sup> Kom meg i hug, min Gud, for dette! Stryk ikkje ut det gode som eg har gjort for min Guds hus og for tenesta der.

<sup>15</sup> I dei dagane såg eg i Juda nokre som trakka vinpressene på sabbaten. Eg såg andre som samla korn i mengder og leste det på esel. Dei kom òg med vin, druer, fiken og andre varer til Jerusalem på sabbaten. Eg åtvare dei mot å selja mat på denne dagen.

<sup>16</sup> Nokre frå Tyros som budde i Jerusalem, kom òg med fisk og alle slags varer og selde det til judearane på sabbaten.

<sup>17</sup>Då refsa eg dei fremste blant judearane og sa til dei: «Kva er dette vonde som de gjer? De vanhelgar sabbaten!

<sup>18</sup>Var det ikkje fordi fedrane gjorde slikt at vår Gud førte alt dette vonde over oss og denne byen? De aukar vreiden mot Israel når de vanhelgar sabbaten!»

<sup>19</sup>Då det tok til å mørkna i Jerusalems portar før sabbaten, sa eg at dørene skulle stengjast, og at dei ikkje skulle opnast att før sabbaten var over. Eg sette òg nokre av mennene mine ved portane, slik at inga last kunne koma inn på sabbatsdagen.

<sup>20</sup>Ein eller to gonger hende det at kjøpmenn og folk som handla med alle slags varer, overnatta utanfor Jerusalem.

<sup>21</sup>Eg åtvara dei og sa: «Kvifor overnattar de ved muren? Gjer de det ein gong til, legg eg hand på dykk.» Etter den tid kom dei ikkje meir dit på sabbaten.

<sup>22</sup>Sidan sa eg at levittane skulle reinsa seg og koma og halda vakt ved portane, så sabbatsdagen kunne haldast heilag. Kom meg òg i hug for dette, min Gud, og skån meg i di store miskunn!

<sup>23</sup> I dei dagane såg eg òg at nokre judearar hadde teke til seg kvinner frå Asjdod, Ammon og Moab.

<sup>24</sup>Halvparten av borna deira snakka språket i Asjdod eller språket til dei andre folka. Dei kunne ikkje snakka judeisk.

<sup>25</sup> Eg refsa mennene og forbanna dei. Somme av dei slo eg, og eg reiv dei i håret. Så lét eg dei sverja ved Gud. Eg sa: «De skal ikkje gje døtrene dykkar til sønene deira, og ikkje ta døtrene deira til koner for sønene dykkar eller for dykk sjølve.

<sup>26</sup> Var det ikkje på grunn av slikt at Salomo, Israels konge, synda? Mellom dei mange folkeslaga fanst det ingen konge som han. Han var elska av sin Gud, og Gud sette han til konge over heile Israel. Likevel fekk dei framande kvinnene han til å synda.

<sup>27</sup>Skal ein no høyra om dykk òg at de gjer så mykje vondt og er trulause mot vår Gud ved å ta til dykk framande kvinner?»



<sup>28</sup>Ein av sønene til Jojada, son til øvstepresten Eljasjib, var svigersøn til horonitten Sanballat. Difor jaga eg han bort.

<sup>29</sup>Hugs dei, min Gud, for dei har sølt til presteskapet og preste- og levittpakta.

<sup>30</sup>Så reinsa eg dei for alt framandt, og eg fastsette tenester for prestane og levittane, kvar mann med sine arbeidsoppgåver.

<sup>31</sup>Eg sa òg når dei skulle koma med vedoffer og med førstegrøda, alt til fastsette tider. Kom meg i hug, min Gud, og rekna meg dette til gode!

## Ester

### Ester 1

#### Dronning Vasjti trassar kong Xerxes

<sup>1</sup> Dette hende i Xerxes' dagar, den Xerxes som rådde over 127 provinsar, frå India til Kusj.

<sup>2</sup> I dei dagane då Xerxes sat på kongetrona i borga Susa,

<sup>3</sup> i det tredje styringsåret sitt, heldt han ein fest for alle stormennene og tenarane sine. Dei fremste hærførarane i Persia og Media og leiarane for provinsane var hos han.

<sup>4</sup> I lang tid, 180 dagar, viste han fram sin kongelege rikdom og si prakt og sin store herlegdom og glans.

<sup>5</sup> Då desse dagane var til ende, heldt kongen endå ein fest for alt folket som var i borga Susa, høg som låg. Festen varte i sju dagar på den opne plassen i hagen ved kongens slott.

<sup>6</sup> Teppe av det finaste kvite og purpurblå stoff var feste med kvite og purpurraude snorer til ringar av sølv i søyler av alabast. Benker av gull og sølv stod på eit golv av marmor, alabast, perlemor og mosaikksteinar.

<sup>7</sup> Drikkene vart skjenkte i gullbeger som alle var ulike. Og det var rikeleg av den kongelege vinen, på kongeleg vis.

<sup>8</sup> Drikkinga gjekk føre seg etter regelen: «Ingen tvang!» For kongen hadde bode at alle hovmeistrane skulle la kvar og ein få så mykje eller lite han sjølv ville ha.

<sup>9</sup> Samtidig heldt dronning Vasjti fest for kvinnene i slottet til kong Xerxes.

<sup>10</sup> På den sjuande dagen, då han var oppstemd av vinen, bad kong Xerxes til seg dei sju evnukkane som var hans personlege tenarar, Mehuman, Bista, Harbona, Bigta, Abagta, Setar og Karkas.

<sup>11</sup>Han baud dei henta dronning Vasjti fram for kongen med den kongelege krona på hovudet, så folka og stormennene kunne sjå venleiken hennar, for ho var svært vakker.

<sup>12</sup>Men dronning Vasjti nekta å koma på kongens ord som evnukkane bar fram. Kongen vart svært sint, og harmen brann i han.

<sup>13</sup>Og han vende seg til vismennene, dei som var kunnige i å tyda tidene, for slik vart kongens saker lagde fram for alle som var kunnige i lov og rett.

<sup>14</sup>Dei som stod han nærast, var Karsjena, Sjetar, Admata, Tarsis, Meres, Marsena og Memukan, dei sju persiske og mediske stormennene som hadde tilgang til kongen og var dei fremste i riket.

<sup>15</sup>Han spurde dei: «Kva bør etter lova skje med dronning Vasjti sidan ho ikkje gjorde slik kong Xerxes baud henne gjennom evnukkane?»

<sup>16</sup>Memukan sa til kongen og stormennene: «Dronning Vasjti har ikkje berre forbrote seg mot kongen, men mot alle stormenn og folk i provinsane til kong Xerxes.

<sup>17</sup>For ryktet om dronninga vil spreia seg mellom alle kvinner og få dei til å forakta mennene sine og seia: Kong Xerxes baud at dronning Vasjti skulle førast fram for han, men ho kom ikkje.

<sup>18</sup>Alt i dag vil dei fremste kvinnene i Persia og Media tala slik til kongens stormenn når dei får høyra ryktet om dronninga. Og det kjem ikkje til å bli nokon ende på forakt og sinne.

<sup>19</sup>Dersom kongen finn det for godt, så lat det gå ut eit kongsord, og lat det skrivast inn i lovene i Persia og Media, så det står urokkeleg fast at Vasjti aldri meir skal visa seg for kong Xerxes, og at kongen skal gje hennar rang som dronning til ei anna kvinne som er betre enn ho.

<sup>20</sup>Når det påbodet kongen sender ut, blir kjent i heile riket, så veldig som det er, vil alle kvinner æra ektemennene sine, høge som låge.»



<sup>21</sup>Kongen og stormennene syntest godt om dette framlegget, og kongen gjorde som Memukan sa.

<sup>22</sup>Han sende brev til alle provinsane sine, til kvar einskild provins med den skrifta dei brukte der, og til kvart einskilt folk på det språket dei tala, om at kvar mann skulle vera herre i sitt eige hus og tala språket til sitt eige folk.

## Ester 2

### Ester blir dronning

<sup>1</sup>Etter dette, då harmen til kong Xerxes hadde lagt seg, tok han til å tenkja på Vasjti og det ho hadde gjort, og på det som var avgjort om henne.

<sup>2</sup>Då sa dei unge mennene som var i kongens teneste: «Leit etter vakre unge jomfruer til kongen!

<sup>3</sup>I kvar provins i riket kunne kongen gje nokon i oppgåve å samla alle vakre unge jomfruer og senda dei til haremet i borga Susa. Lat dei stå under tilsyn av Hegai, kongens evnukk, som vaktar kvinnene, og la dei få hudpleie.

<sup>4</sup>Den unge kvinna som kongen synest best om, kan bli dronning i staden for Vasjti.» Dette framlegget lika kongen godt, og han sette det i verk.

<sup>5</sup>I borga Susa var det ein jødisk mann som heitte Mordekai. Han var son til Ja'ir, son til Sjimi, son til Kisj, ein mann av Benjamin-stammen.

<sup>6</sup>Han hørde til dei som var førte i eksil frå Jerusalem saman med Jekonja, kongen i Juda. Det var han som Nebukadnesar, kongen i Babel, hadde ført i eksil.

<sup>7</sup>Mordekai var fosterfar til Hadassa, også kalla Ester. Ho var dotter til onkelen hans og hadde korkje far eller mor. Ho var ei velskapt og vakker ung kvinne. Då far og mor hennar døydde, tok Mordekai henne til seg som si eiga dotter.

<sup>8</sup>Kongens ord og bod vart kjende, og mange unge kvinner vart samla i borga Susa under tilsyn av Hegai. Ester vart òg henta til kongens slott, til Hegai, som vakta kvinnene.

<sup>9</sup>Han syntest godt om den unge kvinna, og ho vann velvilje hos han. Han sørge straks for at ho fekk den hudpleia og maten ho skulle ha. Han gav henne òg sju utvalde tenestejenter frå slottet og flytte henne og tenestejentene hennar til den beste delen av haremet.

<sup>10</sup>Ester fortalde ikkje kva folk og slekt ho var av, for Mordekai hadde sagt at ho ikkje måtte nemna noko om det.

<sup>11</sup>Kvar einaste dag gjekk Mordekai att og fram utanfor føregarden til haremet for å finna ut korleis Ester hadde det, og kva som vart gjort med henne.

<sup>12</sup>I tur og orden skulle dei unge kvinnene gå inn til kong Xerxes, etter at dei gjennom tolv månader hadde gått gjennom det som var føreskrive. Slik vart kuren gjennomført: seks månader med myrraolje og seks månader med balsam og andre kremar for kvinner.

<sup>13</sup>Og så, når ei ung kvinne skulle gå inn til kongen, då fekk ho ta med seg alt ho bad om, frå haremet til slottet.

<sup>14</sup>Om kvelden gjekk ho inn, og om morgonen flytte ho til det andre haremet. Der hadde Sjaasgas tilsynet, kongens evnukk som vakta følgjekonene. Ho gjekk ikkje inn til kongen igjen om ikkje kongen ville ha henne og ho vart kalla inn ved namn.

<sup>15</sup>Så kom turen til Ester, dotter av Abihajil, som var onkel til Mordekai, han som hadde teke henne til seg som si eiga dotter. Då ho skulle gå inn til kongen, bad ho ikkje om anna enn det kongens evnukk, Hegai, som vakta kvinnene, rådde henne til. Og Ester vekte godvilje hos alle som såg henne.

<sup>16</sup>Ester vart henta til kong Xerxes i slottet hans i den tiande månaden, det er månaden tebet, i det sjuande styringsåret hans.

<sup>17</sup>Kongen elska Ester meir enn alle andre kvinner. Ho vann velvilje og godhug hos han framfor alle dei andre jomfruene. Han sette ei kongeleg krone på hovudet hennar og gjorde henne til dronning i staden for Vashti.

<sup>18</sup>Kongen heldt eit stort festmåltid for alle stormennene og tenarane sine, ein fest for Ester. Han gav provinsane skattelette og delte ut gåver på kongeleg vis.

<sup>19</sup> Då jomfruene vart samla for andre gong, sat Mordekai i slottsporten.

<sup>20</sup>Ester fortalde framleis ikkje noko om kva slekt eller folk ho høyrde til, slik Mordekai hadde sagt henne. Ho rette seg etter det Mordekai sa, som ho hadde gjort det då han var fosterfar for henne.

<sup>21</sup>I dei dagane hende det, medan Mordekai sat i slottsporten, at dørvaktarane Bigtan og Teresj, to av kongens evnukkar, vart arge på kong Xerxes og leita etter eit høve til å leggja hand på han.

<sup>22</sup> Dette fekk Mordekai vita, og han fortalde det til dronning Ester. Ester sa det vidare til kongen på vegner av Mordekai.

<sup>23</sup> Saka vart granska, og då det viste seg å vera slik, vart begge mennene hengde på ein påle. Dette vart skrive ned i krønikeboka i kongens nærvær.

### **Ester 3**

#### **Haman vil drepa alle jødar**

<sup>1</sup>Ei tid etter dette gav kong Xerxes høgare rang til Haman, son til Hammedata, agagitten. Han heidra han og sette han høgare enn alle stormennene som var saman med han.

<sup>2</sup>Alle kongens tenarar i slottsporten fall på kne og bøygde seg ned for Haman, for det hadde kongen gjeve påbod om. Men Mordekai fall ikkje på kne og bøygde seg ikkje.

<sup>3</sup>Kongens tenarar i slottsporten spurde Mordekai: «Kvifor bryt du kongens bod?»

<sup>4</sup>Dei snakka til han dag etter dag, men han høyrde ikkje på dei. Då fortalde dei det til Haman for å sjå om Mordekais grunn vart godteken. For han hadde fortalt dei at han var jøde.

<sup>5</sup>Då Haman såg at Mordekai ikkje fall på kne og ikkje bøygde seg for han, vart han fylt av sinne.

<sup>6</sup>Men han syntest det var for lite å leggja hand berre på Mordekai. Dei hadde fortalt han kva folk Mordekai høyrde til, og no ville Haman utrydda alle jødar, folket til Mordekai, i heile riket til kong Xerxes.

<sup>7</sup>I den første månaden, det er månaden nisan, i det tolvte året til kong Xerxes, kasta dei «pur», det er lodd, om dagar og månader, medan Haman var til stades. Loddet fall på den tolvte månaden, det er månaden adar.

<sup>8</sup>Då sa Haman til kong Xerxes: «Det finst eit folk som bur spreidd og for seg sjølv mellom dei andre folka i alle provinsane i riket ditt. Lovene deira er annleis enn lovene til alle andre folk, og dei held ikkje kongens lover. Det er ikkje ein konge verdig å la dei vera i fred.

<sup>9</sup>Dersom kongen finn det for godt, så lat det kunngjerast skriftleg at ein skal gjera ende på dei. Ti tusen talentar sølv skal eg då kunna vega opp og gje til tenestemennene dine, så dei kan leggja det i kongens skattkammer.»

<sup>10</sup>Kongen tok signetringen sin av handa og gav han til Haman, son til Hammedata, agagitten, motstandaren til jødane.

<sup>11</sup>Og kongen sa til Haman: «Sølv et skal vera ditt, og med folket kan du gjera som du finn for godt.»

<sup>12</sup>Den trettande dagen i den første månaden vart kongens skrivarar kalla saman. På bod frå Haman vart det sett opp eit skriv til kongens satrapar, statthaldarane i kvar provins og leiarane for kvart folk, til kvar provins med den skrifta dei brukte der, og til kvart folk på det språket dei tala. Det var skrive i namnet til kong Xerxes og forseгла med kongens signetring.

<sup>13</sup>Så gjekk det ut brev med ilbod til alle kongens provinsar om å utrydda, drepa og gjera ende på alle jødar, både unge og gamle, born og kvinner, på ein og same dag, den trettande dagen i den tolvte månaden, det er månaden adar. Eigedomane deira skulle plyndrast.

<sup>14</sup>Ei avskrift av brevet skulle gjelda som lov i kvar provins og kunngjerast for alle folk, så dei kunne vera budde på denne dagen.

<sup>15</sup>Sendeboda drog ut i hast på kongens ord med det same denne lova var gjeven i borga Susa. Kongen og Haman sette seg til å drikka, men byen Susa var oppskaka.

## Ester 4

### Mordekai sin redningsplan

<sup>1</sup>Mordekai fekk vita alt det som hadde hendt, og han reiv sund kleda sine og kledde seg i sekk og oske. Så gjekk han ut i byen og ropa og klaga høgt og bittert.

<sup>2</sup>Han kom så langt som til slottsporten. Men ingen kunne gå gjennom slottsporten kledd i sekkestrie.

<sup>3</sup>Og i kvar provins der kongens ord og bod nådde fram, vart det stor sorg mellom jødane, med faste, gråt og klage, og mange la seg i sekk og oske.

<sup>4</sup>Tenestejentene til Ester og evnukkane kom og fortalde henne dette. Då tok dronninga til å skjelva. Ho sende Mordekai klede som han skulle ha på seg i staden for sekkestrien, men han tok ikkje imot.

<sup>5</sup>Så kalla Ester inn Hatak, ein evnukk som kongen hadde sett til å tena henne. Ho sende han til Mordekai for å få vita kva som hadde hendt, og kvifor.

<sup>6</sup>Hatak gjekk ut til Mordekai på bytorget framfor slottsporten.

<sup>7</sup>Mordekai fortalde då alt som hadde hendt han, og heile historia om sølvet som Haman hadde sagt han skulle vega opp til kongens skattkammer om han fekk gjera ende på jødane.

<sup>8</sup>Til Hatak gav han òg ei avskrift av brevet med lova som var gjeven i Susa om at dei skulle utryddast. Han bad han visa det til Ester og fortelja henne alt. Så skulle han påleggja henne å gå til kongen for å trygla og be kongen sjølv om nåde for folket hennar.

<sup>9</sup>Hatak kom og fortalde Ester kva Mordekai hadde sagt.



<sup>10</sup>Då påla Ester Hatak å seia dette til Mordekai:

<sup>11</sup>«Alle kongens tenarar og folket i kongens provinsar veit at om nokon, mann eller kvinne, går inn til kongen i den indre slottsgarden utan å vera innkalla, så er det berre éi lov som gjeld: døden. Berre den som kongen retter gullsepteret sitt mot, får leva. Sjølv har eg ikkje vorte kalla inn til kongen på tretti dagar.»

<sup>12</sup>Dei fortalde Mordekai kva Ester hadde sagt,

<sup>13</sup>Mordekai bad dei seia til Ester: «Tru berre ikkje at du som den einaste av jødane skal berga livet fordi du er i kongens slott.

<sup>14</sup> For om du teier i denne tida, vil hjelp og redning koma til jødane frå ein annan stad, medan du og ditt farshus vil gå til grunne. Og kven veit om det ikkje er for ei tid som denne at du har fått dronningrang?»

<sup>15</sup>Då bad Ester dei seia til Mordekai:

<sup>16</sup> «Gå og kall saman alle jødar som finst i Susa, og hald faste for mi skuld. De skal ikkje eta eller drikkja på tre døgn, korkje om natta eller om dagen. Eg og tenestejentene mine vil òg fasta på same vis. Så skal eg gå inn til kongen, sjølv om det ikkje er etter lova. Skal eg gå til grunne, så går eg til grunne.»

<sup>17</sup>Mordekai gjekk av stad og gjorde alt som Ester hadde pålagt han.

## Ester 5

### Festen til dronning Ester

<sup>1</sup>Den tredje dagen kledde Ester seg i dronningskrud og stilte seg i den indre slottsgarden, midt imot kongens hus. Der inne sat kongen på trona midt imot inngangen.

<sup>2</sup>Då kongen fekk sjå dronning Ester der ho stod i slottsgarden, fekk han godvilje for henne. Han rette gullsepteret som han hadde i handa, ut mot henne, og Ester gjekk fram og rørte ved spissen av septeret.

<sup>3</sup>Kongen sa til henne: «Dronning Ester, kva vil du? Er det noko du ønskjer? Om det så er halve riket, skal det bli gjeve deg.»

<sup>4</sup>Ester svara: «Om kongen finn det for godt, ville eg gjerne at kongen og Haman i dag skulle koma til festen eg vil halda for han.»

<sup>5</sup>Kongen sa: «Hent straks Haman og gjer slik Ester har sagt.» Så kom kongen og Haman til festen som Ester heldt.

<sup>6</sup>Medan dei sat og drakk vin, sa kongen til Ester: «Er det noko du vil be om, skal det bli gjeve deg. Har du eit ønske, om det så er halve riket, skal det bli oppfylt.»

<sup>7</sup>Ester svara: «Det eg bed om og ønskjer er dette:

<sup>8</sup>Dersom kongen ser på meg med velvilje og han finn det for godt å gje meg det eg bed om og oppfylla det eg ønskjer, så ville eg gjerne at kongen og Haman skulle koma til festen eg vil halda for dei. I morgon skal eg då gjera som kongen seier.»

### **Haman vil drepa Mordekai**

<sup>9</sup>Den dagen gjekk Haman glad og fornøgd derifrå. Men då han fekk sjå at Mordekai, som sat i slottsporten, korkje reiste seg eller var redd han, vart Haman fylt av sinne mot han.

<sup>10</sup>Men han la band på seg og gjekk heim. Så bad han venene sine og kona Seresj om å koma.

<sup>11</sup>Haman la ut for dei om den store rikdomen sin, om alle sønene sine, og om korleis kongen hadde gjeve han høg rang og sett han over alle stormennene og kongens tenarar.

<sup>12</sup>Og han la til: «Eg var jamvel den einaste som fekk koma saman med kongen til den festen som dronning Ester heldt. I morgon òg er eg beden til henne i lag med kongen.

<sup>13</sup>Men alt dette er ikkje verdt noko for meg så lenge eg må sjå jøden Mordekai sitja i slottsporten.»

<sup>14</sup>Då sa kona hans, Seresj, og venene hans til han: «Lat dei setja opp ein påle som er femti alner høg. I morgon skal du be kongen om at dei hengjer

Mordekai på den. Så kan du gå glad til festen saman med kongen.» Haman syntest dette var eit godt framlegg, og han fekk pålen oppsett.

## Ester 6

### Mordekai får stor ære

<sup>1</sup>Den natta fekk ikkje kongen sova. Han bad dei henta krønika over minneverdige hendingar, og dei las høgt for kongen.

<sup>2</sup>Dei fann at det stod skrive korleis Mordekai hadde fortalt om dørvaktarane Bigtana og Teresj, to av evnukkane til kongen, som hadde leita etter eit høve til å leggja hand på kong Xerxes.

<sup>3</sup>Då spurde kongen: «Kva heider og ære har Mordekai fått for dette?» Dei unge mennene som tente kongen, svara: «Det er ikkje gjort noko for han.»

<sup>4</sup>Så sa kongen: «Kven står ute i slottsgarden?» Haman hadde nettopp kome inn i den ytre slottsgarden for å be kongen om at Mordekai måtte bli hengd på pålen som han hadde reist for han.

<sup>5</sup>No svara kongens unge menn: «Sjå, det er Haman som står ute i slottsgarden.» Kongen sa: «Lat han koma inn!»

<sup>6</sup>Haman kom inn, og kongen spurde han: «Kva kan ein gjera for ein mann som kongen ønskjer å heidra?» Haman tenkte med seg sjølv: «Kven andre enn meg skulle kongen ønskja å heidra?»

<sup>7</sup>Så sa Haman til kongen: «Den mannen som kongen ønskjer å heidra,

<sup>8</sup>skal ein gje kongelege klede som kongen sjølv har bore, og ein hest som kongen sjølv har ride på, og som har fått ei kongeleg krone på hovudet.

<sup>9</sup>Lat ein av kongens fremste stormenn ta hand om kleda og hesten. Dei skal ta kleda på den mannen som kongen ønskjer å heidra, og la han ri på hesten over torget i byen medan dei ropar framfor han: Slik gjer ein med den som kongen ønskjer å heidra!»

<sup>10</sup>Kongen sa til Haman: «Skund deg, ta kleda og hesten, slik som du sa, og gjer dette med jøden Mordekai som sit i slottsporten! Gløym ikkje noko av alt det du har sagt.»

<sup>11</sup>Så tok Haman kleda og hesten, kledde Mordekai og lét han ri over torget i byen medan han ropa framfor han: «Slik gjer ein med den som kongen ønskjer å heidra!»

<sup>12</sup> Så vende Mordekai attende til slottsporten, og Haman skunda seg heim, i sorg og med tildekt hovud.

<sup>13</sup>Haman fortalde kona si, Seresj, og alle venene sine alt som hadde hendt. Då sa vismennene og kona hans, Seresj, til han: «Er han av jødisk ætt, denne Mordekai som no held på å få deg i kne, så kjem du ingen veg med han. Han kjem til å bli ditt fall.»

<sup>14</sup> Medan dei enno snakka med han, kom kongens evnukkar. Dei førte straks Haman til festen som Ester heldt.

## **Ester 7**

### **Hamans fall**

<sup>1</sup>Kongen og Haman kom til festen hos dronning Ester.

<sup>2</sup> Også den andre dagen sa kongen til Ester medan dei sat og drakk vin: «Er det noko du vil be om, dronning Ester, så skal det bli gjeve deg. Har du eit ønske, om det så er halve riket, skal det bli oppfylt.»

<sup>3</sup>Då svara dronning Ester: «Dersom kongen ser på meg med velvilje, og om han finn det for godt, så gjev meg mitt eige liv, det er mi bøn, og mitt eige folk, det er mitt ønske.

<sup>4</sup>For eg og mitt folk er selde til utrydding, drap og undergang. Om vi berre var selde som slavar og slavekvinner, ville eg teia. For slik ei ulukke hadde ikkje vore noko å bry kongen med.»

<sup>5</sup>Då sa kong Xerxes til dronning Ester: «Kven er han, og kvar er han som har hjartet fullt av slike planar?»

<sup>6</sup>Ester svara: «Motstandaren og fienden er denne vonde Haman.» Haman dirra av skrekk framfor kongen og dronninga.

<sup>7</sup>Kongen reiste seg i sinne. Han gjekk frå drikkelaget og ut i slottshagen. Men Haman vart ståande framfor dronning Ester. Han ville be for livet sitt, for han skjøna at kongen hadde sett seg føre å gjera han vondt.

<sup>8</sup>Då kongen kom attende frå slottshagen til huset der drikkelaget var, låg Haman over benken som Ester sat på. Kongen ropa: «Vil han jamvel gjera vald mot dronninga, og det her i mitt eige hus?» Ikkje før var desse orda komne ut av kongens munn, så dekte dei andletet til Haman.

<sup>9</sup>Då sa Harbona, ein av kongens evnukkar: «Sjå, Haman har sett opp ein påle for Mordekai, han som ein gong berga kongen gjennom det han fortalde. Pålen står ved Haman sitt hus og er femti alner høg.» Kongen sa: «Heng han i den!»

<sup>10</sup>Så hengde dei Haman i pålen som han sjølv hadde reist for Mordekai, og sinnet rann av kongen.

## **Ester 8**

### **Jødane blir berga**

<sup>1</sup>Same dagen gav kong Xerxes dronning Ester det huset som Haman, jødane sin motstandar, hadde hatt. Og Mordekai fekk koma fram for kongen, for Ester hadde fortalt kor nær han stod henne.

<sup>2</sup>Kongen tok av seg signetringen som han hadde teke tilbake frå Haman, og gav han til Mordekai. Og Ester sette Mordekai over huset til Haman.

<sup>3</sup>Sidan tala Ester endå ein gong med kongen. Ho fall ned for føtene hans, og gråtande trygla ho han om å stansa dei vonde planane som Haman, agagitten, hadde lagt mot jødane.

<sup>4</sup>Kongen rette gullsepteret ut mot Ester. Då reiste ho seg, steig fram for kongen

<sup>5</sup>og sa: «Dersom kongen finn det for godt og han ser på meg med velvilje, om saka er rett for kongen og han synest godt om meg, så skriv og kall attende

brev fra Haman, søn til Hammedata, agagitten, dei som han skreiv då han la planar om å gjera ende på jødane i alle kongens provinsar.

<sup>6</sup>Korleis skal eg klara å sjå på det vonde som elles vil råka folket mitt, og korleis skal eg klara å sjå at slekta mi blir øydelagd?»

<sup>7</sup>Då sa kong Xerxes til dronning Ester og jøden Mordekai: «Sjå, huset til Haman har eg gjeve til Ester, og sjølv har han vorte hengd på ein påle fordi han ville leggja hand på jødane.

<sup>8</sup>Set no opp eit skriv om jødane i kongens namn, slik de finn det best, og set kongens segl på det med signetringen hans. For eit skriv som er utferda i kongens namn og forseгла med kongens signetring, kan ikkje kallast attende.»

<sup>9</sup>Kongens skrivarar vart straks kalla saman. Det var den tjuetredje dagen i den tredje månaden, det er månaden sivan. Dei skreiv alt ned slik Mordekai baud, til jødane og til satrapane, statthaldarane og leiarane i provinsane frå India til Kusj, 127 i alt, til kvar einskild provins med den skrifta dei brukte der, og til kvart einskilt folk på det språket dei tala, også til jødane med den skrifta dei brukte og på det språket dei tala.

<sup>10</sup>Brev vart skrivne i namnet til kong Xerxes, forseгла med kongens signetring og sende med ilbod som reid på raske hestar frå kongens eigen stall.

<sup>11</sup>Der stod det at kongen gav jødane i kvar by lov til å stå saman og forsvara livet sitt. Dei kunne utrydda, drepa og gjera ende på kvar væpna styrke i alle folk og provinsar som gjekk til åtak på dei, også barn og kvinner. Eigedomane deira kunne dei plyndra.

<sup>12</sup>Og alt skulle henda på ein og same dagen i alle provinsane til kong Xerxes, den trettande dagen i den tolvte månaden, det er månaden adar.

<sup>13</sup>Ei avskrift av brevet skulle gjelda som lov i kvar provins og kunngjerast for alle folk, så jødane kunne vera budde på denne dagen og hemna seg på fiendane sine.

<sup>14</sup>På kongens ord reid ilboda av garde på kongens hestar i stor fart med det same denne lova var gjeven i borga Susa.

<sup>15</sup>Mordekai gjekk ut frå kongen i kongelege klede i purpurblått og kvitt. Han bar ei stor gullkrone og ei kappe av lin og raudt purpur. Og byen Susa jubla og gledde seg.

<sup>16</sup>Hos jødane var det lys og glede, fryd og herlegdom.

<sup>17</sup>I kvar provins og kvar by, så langt som kongens ord og bod nådde, vart det glede og fryd mellom jødane, ein dag for fest og feiring. Og blant folka i landet var det mange som sa seg å vera jødar. For det hadde kome over dei ei redsle for jødane.

## **Ester 9**

### **Jødane tek hemn**

<sup>1</sup>Den trettande dagen i den tolvte månaden, det er månaden adar, skulle kongens ord og lov setjast i verk. Fiendane av jødane hadde vona at dei skulle få makt over dei på denne dagen, men no hende det motsette; det var jødane som fekk makt over alle som hata dei.

<sup>2</sup>Jødane samla seg i byane sine i alle provinsane til kong Xerxes for å leggja hand på alle som ville dei vondt. Det var ingen som kunne stå imot dei, for det hadde kome ei redsle for dei over alle folk.

<sup>3</sup>Alle leiarane i provinsane, satrapane, statthaldarane og kongens tenestemenn støtta jødane. Det hadde kome over dei ei redsle for Mordekai,

<sup>4</sup>for han hadde vorte stor i kongens hus. Og gjennom alle provinsane gjekk ryktet om Mordekai, mannen som stadig vart mektigare.

<sup>5</sup>Jødane slo alle fiendane sine med sverd; dei drap dei og gjorde ende på dei. Dei gjorde som dei ville med alle som hata dei.

<sup>6</sup>I borga Susa vart fem hundre mann drepne og gjorde ende på av jødane,

<sup>7</sup>dessutan drap dei Parsjandata, Dalfon, Aspata,

<sup>8</sup>Porata, Adalja, Aridata,

<sup>9</sup>Parmasjta, Arisai, Aridai og Vaisata,

<sup>10</sup>dei ti sønene til Haman, son til Hammedata, jødane sin motstandar. Men dei la ikkje hand på byttet.

<sup>11</sup>Same dagen fekk kongen talet på dei som var drepne i borga Susa.

<sup>12</sup> Då sa han til dronning Ester: «I borga Susa har jødane drepe og gjort ende på fem hundre mann, dessutan har dei drepe dei ti sønene til Haman. Kva har dei så ikkje gjort i dei andre provinsane til kongen? Er det noko du vil be om, skal det bli gjeve deg. Har du eit ønske, skal det bli oppfylt.»

<sup>13</sup> Ester svara: «Dersom kongen finn det for godt, så lat jødane i Susa også i morgon få handla etter den lova som gjeld i dag, og lat dei ti sønene til Haman bli hengde på ein påle!»

<sup>14</sup>Kongen sa at dette skulle gjerast, og det vart fastsett ved lov i Susa. Og dei ti sønene til Haman vart hengde.

<sup>15</sup>Jødane i Susa samla seg igjen den fjortande dagen i månaden adar. Dei drap tre hundre mann i Susa. Men dei la ikkje hand på byttet.

<sup>16</sup>Dei andre jødane i kongens provinsar slo seg òg saman og forsvara livet sitt. Dei fekk fred for fiendane sine og drap syttifem tusen av dei som hata dei. Men dei la ikkje hand på byttet.

<sup>17</sup>Dette hende den trettande dagen i månaden adar. Den fjortande dagen kvilte dei, og dei gjorde han til ein dag for fest og glede.

<sup>18</sup>Men jødane i Susa samla seg både den trettande og den fjortande dagen. Dei kvilte den femtande dagen og gjorde han til ein dag for fest og glede.

<sup>19</sup> Difor er det at jødane som bur i bygder og landsbyar, gjer den fjortande dagen i månaden adar til ein dag for glede, fest og gjestebod, ein dag då dei sender mat som gåver til kvarandre.

### **Purim-festen**

<sup>20</sup>Mordekai skreiv ned desse hendingane. Så sende han brev til alle jødane i alle provinsane til kong Xerxes, dei som var nær, og dei som var langt borte.



<sup>21</sup>Han baud at dei kvart år skulle feira den fjortande og femtande dagen i månaden adar.

<sup>22</sup>For det var på desse dagane jødane hadde fått fred for fiendane sine, og i den månaden klaga vart vend til glede og sorga til fest. Difor skulle dei feira dei som dagar for fest og glede og senda mat som gåver til kvarandre og til dei fattige.

<sup>23</sup>Jødane gjorde det til tradisjon, det som dei hadde teke til med, og som Mordekai hadde skrive til dei om.

<sup>24</sup>For Haman, son til Hammedata, agagitten, motstandaren til alle jødar, hadde planlagt å gjera ende på jødane, og han hadde kasta «pur», det er lodd, for å knusa dei og gjera ende på dei.

<sup>25</sup>Dette kom fram for kongen. Då baud han i eit brev at dei vonde planane som Haman hadde lagt mot jødane, skulle koma over hans eige hovud. Slik vart både han og sønene hans hengde på pålen.

<sup>26</sup>Difor blir desse dagane kalla «purim», etter ordet «pur». På grunn av alt som stod i dette brevet, og på grunn av det dei hadde sett og opplevd,

<sup>27</sup>gjorde jødane det til tradisjon for seg sjølve, for sine etterkomarar, og for alle som ville slutta seg til dei, at dei kvart år, utan unnatak, skulle feira desse to dagane til fastsett tid, som det var skrive.

<sup>28</sup>Desse dagane skulle minnast og feirast gjennom alle tider og i alle slekter, i kvar provins og i kvar by. Purim-dagane skulle aldri falla bort mellom jødane, og aldri gå av minne hos etterkomarane deira.

<sup>29</sup>Dronning Ester, dotter til Abihajil, og jøden Mordekai skreiv eit offisielt brev for å stadfesta det andre brevet om purim.

<sup>30</sup>Og Mordekai sende brev til alle jødane i dei 127 provinsane i riket til Xerxes med ønske om fred og tryggleik.

<sup>31</sup>Dei skulle feira desse purim-dagane til fastsett tid, slik jøden Mordekai og dronning Ester hadde sagt, og slik dei òg hadde lova for seg og sine etterkomarar, med ord om faste og klage.

<sup>32</sup>Så vart desse orda om purim stadfeste etter bod frå Ester, og dei vart skrivne ned i ein bokrull.

## **Ester 10**

### **Ei høg stilling for Mordekai**

<sup>1</sup>Kong Xerxes la skatt på fastlandet og på øyane i havet.

<sup>2</sup>Alt det han gjorde i makt og velde, og historia om korleis kongen gav Mordekai høg rang, er nedskrive i krønikene til kongane i Media og Persia.

<sup>3</sup>For jøden Mordekai var nest etter kong Xerxes i rang. Han var stor mellom jødane og godt likt av alle sine landsmenn. Han søkte det gode for folket sitt og fremja fred for alle sine etterkomarar.

## Job

### Job 1

#### Jobs lukke og ulukke

(Kap. 1–2)

#### Job og familien hans

<sup>1</sup> Det budde ein mann i landet Us. Job var namnet hans. Han var ein from og rettskaffen mann som frykta Gud og heldt seg borte frå alt vondt.

<sup>2</sup> Han fekk sju søner og tre døtrer.

<sup>3</sup> Han hadde ein buskap på sju tusen sauer, tre tusen kamelar, fem hundre par oksar og fem hundre eselhopper. Mange tenarar hadde han òg. Denne mannen var den største blant folka i aust.

<sup>4</sup> Sønene til Job brukte å festa hos kvarandre på omgang. Dei inviterte dei tre systrene sine til å eta og drikka saman med dei.

<sup>5</sup> Når dagane med festing var over, sende Job bod for å helga dei. Han stod tidleg opp om morgonen og bar fram brennoffer for kvar einskild. For, som Job sa: «Kanskje har borna mine synda og spotta Gud i sitt hjarte.» Slik gjorde Job alltid.

#### Den første prøva

<sup>6</sup> Så ein dag kom gudesønene og steig fram for Herren. Mellom dei var også Klagaren.

<sup>7</sup> Herren sa til han: «Kvar kjem du frå?» og han svara: «Eg har streifa omkring på jorda.»

<sup>8</sup> Herren sa: «Så la du vel merke til Job, tenaren min? På jorda finst ingen som han, ein from og rettskaffen mann som fryktar Gud og held seg borte frå alt vondt.»

<sup>9</sup> Men Klagaren svara: «Det er vel ikkje utan grunn at Job fryktar Gud?

<sup>10</sup> Har du ikkje på alle vis verna om han og huset hans og alt han eig? Hans henders arbeid velsignar du, og buskapen hans breier seg i landet.

**11**Men rett berre handa ut og rør ved alt som er hans, så får vi sjå om han ikkje spottar deg rett opp i andletet.»

**12**Då sa Herren til Klagaren: «Sjå, alt han eig, er i di makt, men han sjølv får du ikkje leggja hand på!» Så gjekk Klagaren bort frå Herren.

**13**Ein dag sat sønene og døtrene til Job og åt og drakk vin heime hos den eldste broren.

**14**Då kom ein bodberar til Job og sa: «Medan oksane gjekk for ploegen og eselhoppene beitte like ved,

**15** overfall sabearane oss og tok dyra. Tenarane hogg dei ned med sverd. Eg var den einaste som slapp unna og kan fortelja deg det.»

**16** Medan han enno tala, kom ein annan og sa: «Ein Guds eld fall frå himmelen. Elden råka sauene og tenarane og brende dei opp. Eg var den einaste som slapp unna og kan fortelja deg det.»

**17** Medan han enno tala, kom ein tredje og sa: «Kaldearane kom, delte seg i tre flokkar, kasta seg over kamelane og tok dei. Tenarane hogg dei ned med sverd. Eg var den einaste som slapp unna og kan fortelja deg det.»

**18**Medan han enno tala, kom endå ein og sa: «Sønene og døtrene dine åt og drakk vin heime hos den eldste broren.

**19**Med eitt kom ein sterk vind frå den andre sida av ørkenen. Han tok tak i alle fire hjørna på huset, så det fall saman over dei unge, og dei døydde. Eg var den einaste som slapp unna og kan fortelja deg det.»

**20** Då reiste Job seg, reiv sund kappa si og klippte av seg håret. Han kasta seg til jorda og tilbad.

**21** Han sa: «Naken kom eg frå mors liv. Naken vender eg attende. Herren gav, Herren tok, velsigna vere Herrens namn!»

**22**Gjennom alt dette synda ikkje Job. Han krenkte ikkje Gud.

## Job 2

### Den andre prøva

<sup>1</sup> Så ein dag kom gudesønene og steig fram for Herren. Blant dei kom også Klagaren.

<sup>2</sup> Herren sa til han: «Kvar kjem du frå?» Klagaren svara: «Eg har streifa omkring på jorda.»

<sup>3</sup> Herren sa: «Så la du vel merke til Job, tenaren min? På jorda finst ingen som han, ein from og rettskaffen mann som fryktar Gud og held seg borte frå alt vondt. Framleis står han fast i si gudsfrykt. Du har utfordra meg til å øydeleggja han utan grunn.»

<sup>4</sup> Men Klagaren svara: «Hud for hud! Ein mann gjev jo alt han eig, for livet sitt.

<sup>5</sup> Om du no retter ut handa og rører ved beina og kjøtet hans, så får vi sjå om han ikkje spottar deg rett opp i andletet.»

<sup>6</sup> Då sa Herren til Klagaren: «Sjå, han er i di makt, men spar livet hans!»

<sup>7</sup> Så gjekk Klagaren bort frå Herren og slo Job med vonde svullar frå hovud til hæl.

<sup>8</sup> Job tok eit potteskar og skrapa seg med det, der han sat i oska.

<sup>9</sup> Då sa kona hans til han: «Held du framleis fast på di gudsfrykt? Spott heller Gud og døy!»

<sup>10</sup> Men han svara: «Du talar som ei uvitug kvinne. Når vi tek imot det gode frå Gud, skulle vi då ikkje ta imot det vonde òg?» Gjennom alt dette kom ikkje ei synd over leppene til Job.

### **Job og dei tre venene**

<sup>11</sup> Då dei tre venene til Job fekk høyra om alt det vonde som hadde kome over han, kom dei til han, kvar frå sin heimstad: Elifas frå Teman, Bildad frå Sjuah og Sofar frå Naama. Dei møttest for å sørgja med han og for å trøysta han.

<sup>12</sup> Medan dei enno var eit stykke borte, fekk dei auge på han; men dei kjende han ikkje att. Dei brast i gråt, reiv sund kappene sine og kasta støv over hovudet.

<sup>13</sup>Så sat dei hos han på jorda i sju dagar og sju netter. Ingen sa eit ord til han, for dei såg at hans smerte var stor.

### Job 3

<sup>1</sup>Til sist opna Job munnen og forbanna den dagen han vart fødd.

#### Første talerunden

(Kap. 3–28)

#### Job: Bort med den dagen

<sup>2</sup>Job tok til ords og sa:

<sup>3</sup>Bort med den dagen eg vart fødd, den natta det vart sagt: «Ein gut er unnfanga.»

<sup>4</sup>Den dagen – lat han bli mørker, så Gud i det høge ikkje spør etter han og dagslys aldri fell på han!

<sup>5</sup>Lat mørker og dødsskugge få han, lat skyer kvila over han og formørking skremma han!

<sup>6</sup>Den natta – lat mørke skuggar ta henne så ho ikkje finst mellom dagane i året og ikkje kjem med når månader skal teljast.

<sup>7</sup>Ja, måtte den natta bli ufruktbar og glederop ikkje høyrast.

<sup>8</sup>Lat dei lysa forbanning over henne, dei som manar fram ulukkedagar, dei som kan vekkja Leviatan.

<sup>9</sup>Lat hennar morgonstjerner slokna, lat ho venta på lys som ikkje kjem, og aldri sjå morgonrøden slå auga opp!

<sup>10</sup>For ho stengde ikkje morlivs dører for meg og løynde ikkje lidinga for auga mine.

<sup>11</sup>Kvifor døydde eg ikkje då eg vart fødd, anda ut då eg kom frå mors liv?

<sup>12</sup>Kvifor tok dei meg på fanget, la meg til brystet for å suga?

- <sup>13</sup>No kunne eg ha lege i ro, sovna og så fått kvila
- <sup>14</sup> med kongar og rådgjevarar på jorda, dei som bygde der det no er ruinar,
- <sup>15</sup>eller med stormenn som hadde gull og fylte husa sine med sølv.
- <sup>16</sup> Då hadde eg ikkje vore til, lik eit foster som døyr i løynd, lik eit spedbarn som aldri såg dagens lys.
- <sup>17</sup>I grava har dei urettferdige rasa frå seg, der kviler dei som har tømt sine krefter.
- <sup>18</sup>Fangar har fred, dei høyrer ikkje vaktarens rop.
- <sup>19</sup> Der er både små og store, der er tenaren fri frå herren sin.
- <sup>20</sup>Kvifor gjev dagen lys til den som lid, og liv til dei ulukkelege,
- <sup>21</sup> til dei som ventar fåfengt på døden og søkjer døden meir enn løynde skattar,
- <sup>22</sup>til dei som glade ville ha jubla og fryda seg om dei fann ei grav,
- <sup>23</sup> til ein mann som ikkje finn veg fordi Gud stengjer for han?
- <sup>24</sup> Mine sukk har vorte mitt brød, klageropa mine strøymmer som vatn.
- <sup>25</sup>Det eg fryktar mest, er over meg. Det eg gruar for, kjem no.
- <sup>26</sup> Eg får ikkje fred, ikkje ro, ikkje kvile, så opprørt er eg.

## Job 4

### Elifas: Eit skremmande syn

- <sup>1</sup>Då tok Elifas frå Teman til ords og sa:
- <sup>2</sup>Om ein vil tala til deg, orkar du det? Men kven kan vel teia?
- <sup>3</sup>Sjølv har du rettleidd mange og styrkt kraftlause hender.
- <sup>4</sup>Dine ord reiste opp den som snubla. Du gav kraft til skjelvande kne.
- <sup>5</sup>Men no, når det råkar deg, blir du motlaus. Det treffer deg, og du blir lamslegen.
- <sup>6</sup>Stolar du ikkje på di gudsfrykt? Gjev ikkje den fromme livsvegen din håp?

- <sup>7</sup>Tenk etter! Når gjekk vel ein skuldfri til grunne, kvar vart rettskafne utsletta?
- <sup>8</sup>Eg ser at dei som pløyer vondskap og sår liding, haustar det same.
- <sup>9</sup>Når Gud pustar, går dei til grunne. Når han fnyser, er dei borte.
- <sup>10</sup>Brølet frå løva, skriket frå hannløva og tennene til ungløva er slegne ut.
- <sup>11</sup>Rovdyret manglar bytte og døyr. Løveflokken blir spreidd.
- <sup>12</sup>Eit ord kom smygande til meg. Eg hørde det kviskra
- <sup>13</sup>i opprivande, nattlege syn medan menneska sov djupt.
- <sup>14</sup>Skrekken greip meg, og eg skalv. Redsla gjekk gjennom merg og bein.
- <sup>15</sup>Ein pust strauk forbi andletet mitt, fekk håra på kroppen til å reisa seg.
- <sup>16</sup>Han stod der, men eg kjende han ikkje, ein skapnad rett for auga mine. Eg hørde ei kviskrande røyst:
- <sup>17</sup>Kan vel eit menneske vera rettferdig for Gud? Kan ein mann vera rein for sin skapar?
- <sup>18</sup>Gud stolar ikkje eingong på tenarane sine, han finn feil hos sendeboda,
- <sup>19</sup>og endå meir hos dei som bur i leirhus og har jord til grunnvoll. Dei blir lettare knuste enn møll.
- <sup>20</sup>Frå morgon til kveld blir dei trakka ned. Dei går til grunne for alltid utan at nokon bryr seg om det.
- <sup>21</sup>Teltsnora blir rykt opp. Dei døyr, utan visdom.

## Job 5

### Gud sårar og lækjer

- <sup>1</sup>Rop berre! Er det nokon som svarar? Kven av dei heilage vender du deg til?
- <sup>2</sup>Uro tek livet av den dumme, sinne drep den godtruande.
- <sup>3</sup>Eg såg den dumme slå rot, men brått måtte eg forbanna bustaden hans.
- <sup>4</sup>Borna hans var verjelause, knuste i porten, og ingen hjelpte dei.



- <sup>5</sup> Dei svoltne åt opp avlinga hans, tok henne, endåtil mellom tornar; og dei tørste greip etter godset hans.
- <sup>6</sup>For ulukke skyt ikkje opp av støvet, og liding gror ikkje opp av jorda.
- <sup>7</sup>Men mennesket er fødd til liding, gneistar som flyg høgt i vêret.
- <sup>8</sup>Sjølv ville eg heller ha vendt meg til Gud, ja, til han ville eg ha overgjeve mi sak,
- <sup>9</sup>han som gjer storverk ingen kan granska, og under ingen kan telja.
- <sup>10</sup>Han gjev regn over jorda, sender vatn ut over åker og eng.
- <sup>11</sup>Han reiser dei nedbøygde opp, reddar og tryggjar dei sørgjande.
- <sup>12</sup>Han knuser planane til dei listige, deira verk lukkast ikkje.
- <sup>13</sup>Han fangar dei vise i deira list, snedige planar er forhasta.
- <sup>14</sup>Om dagen møter dei mørker, ved middagstid famlar dei som om natta.
- <sup>15</sup>Så reddar han den fattige frå dei mektiges sverd, munn og hender.
- <sup>16</sup>Då blir det håp for den svake. Vondskapen lèt att sin munn.
- <sup>17</sup>Sæl er den som Gud viser til rette. Du skal ikkje forakta formaning frå Den veldige!
- <sup>18</sup>For han sårar, og han bind om såra. Han knuser, og hans hand lækjer.
- <sup>19</sup>Gjennom seks trengsler bergar han deg, og i den sjuande skal ulukka ikkje nå deg.
- <sup>20</sup>I uår friar han deg frå døden og i krig frå kvasse sverd.
- <sup>21</sup>Du er trygg for stikkande tunge og fryktar ikkje komande ulukke.
- <sup>22</sup>Du ler av ulukke og hungersnaud og fryktar ikkje dyra på jorda.
- <sup>23</sup>For du har ei pakt med steinane på marka. Villdyra held fred med deg.
- <sup>24</sup>Du får oppleve fred i telta dine, når du går over eigedomen, manglar du ingen ting.
- <sup>25</sup>Du får oppleve at ætta veks, etterkomarane dine blir som gras på jorda.

<sup>26</sup> Du går i grav i mogen alder slik kornband blir samla i rett tid.

<sup>27</sup> Ja, dette har vi granska, og slik er det. Høyr det og ta det til deg!

## Job 6

### Job: Brørne mine sviktar

<sup>1</sup> Då tok Job til ords og sa:

<sup>2</sup> Å, om mi uro kunne vegast og leggjast i vektskåla med mi sorg!

<sup>3</sup> For no er dei tyngre enn havsens sand; difor talar eg utan å tenkja.

<sup>4</sup> Piler frå Den veldige sit i kroppen, gifta deira tek mi kraft; redsler frå Gud samlar seg mot meg.

<sup>5</sup> Skrik vel eit villesel som beiter i graset, rautar ein okse når han har fôr?

<sup>6</sup> Kven et smaklaus mat utan salt? Smakar det noko av stokkrosesaft?

<sup>7</sup> Det byd meg imot å røra ved slikt, det er som å eta utskjemd mat.

<sup>8</sup> Om berre bøna mi vart høyrd, om Gud ville oppfylla mitt håp!

<sup>9</sup> Om han berre ville knusa meg, lyfta handa si og gjera ende på meg!

<sup>10</sup> Då får eg trass alt ei trøyst når eg vrid meg i nådelaus pine: Så hadde eg ikkje forneakta talen frå Den heilage.

<sup>11</sup> For kva krefter har eg til å halda ut? Finst det eit mål eg kan strekkja meg mot?

<sup>12</sup> Er eg sterk som stein, er kroppen min av bronse?

<sup>13</sup> Nei, eg er fullstendig hjelpelaus, eg finn ingen utveg.

<sup>14</sup> Den som ikkje viser godvilje mot nesten, har gjeve opp si frykt for Den veldige.

<sup>15</sup> Og brørne mine svikta som ein bekk, eit bekkefar der vatnet blir borte.

<sup>16</sup> Bekken var dekt av tjukk is, løynd under snøen.

<sup>17</sup> I tørketida stilnar han, i varmen tørkar han inn.

<sup>18</sup> Straumen mistar retninga; vatnet renn ut i sanden og blir borte.

<sup>19</sup>Karavanar frå Tema speida etter vatn, dei reisande frå Saba sette sitt håp til det.

<sup>20</sup>Dei stola på det, men vart til skamme. Då dei kom fram, vart dei vonbrotne.

<sup>21</sup>No har de vorte ein slik bekk! De ser det grufulle og blir redde.

<sup>22</sup>Har vel eg nokon gong sagt: «Gjev meg noko! Bruk rikdomen dykkar til å kjøpa meg fri!

<sup>23</sup> Redd meg frå fienden, fri meg frå valdsmenns hand!»

<sup>24</sup> Rettlei meg, så skal eg teia. Vis meg kvar eg har feila!

<sup>25</sup> Kan rettvisе ord såra? Men korleis er det de talar til rette?

<sup>26</sup>Vil de visa meg til rette for min tale? Ord frå ein fortvila blir spreidde for vinden.

<sup>27</sup>Ville de òg kasta lodd om foreldrelause og kjøpslå om ein ven?

<sup>28</sup>Lyft no hovudet og sjå på meg! For eg lyg dykk ikkje rett opp i andletet.

<sup>29</sup>Tenk dykk om! Gjer ikkje urett! Vend om; eg er enno rettferdig!

<sup>30</sup>Finst det urett på mi tunge? Kjenner eg ikkje smaken av sorg?

## Job 7

### Er eg eit sjøuhyre?

<sup>1</sup>Har ikkje mennesket ein strid på jorda, eit liv som dagane til ein leigekar?

<sup>2</sup>Han liknar ein tenar som stønnar etter skugge, ein dagarbeidar som ventar på løn.

<sup>3</sup>Månader i det tomme vart min lott, netter med liding min lagnad.

<sup>4</sup>Så snart eg legg meg, spør eg: «Når kan eg stå opp?» Natta blir lang, til det lysnar, er eg full av uro.

<sup>5</sup>Kroppen er dekt med makk og sårskorper. Støvet gror fast i huda, og det verkjer.

<sup>6</sup>Dagane går fortare enn ein vevskyttel, dei går til ende utan håp.

- <sup>7</sup> Hugs at livet mitt er ein pust! Aldri meir får eg sjå lukke.
- <sup>8</sup> Auget som vaktar meg, ser meg ikkje lenger. Retter du auga mot meg, er eg der ikkje.
- <sup>9</sup> Ei sky løyser seg opp og kverv, og den som fer ned til dødsriket, stig aldri opp.
- <sup>10</sup> Han kjem aldri att til sitt hus, heimstaden kjenner han ikkje.
- <sup>11</sup> Så legg eg heller ikkje band på min munn. Eg vil tala med angst i anden, klaga i bitter sjelekval.
- <sup>12</sup> Er eg eit hav eller eit sjøuhyre sidan du set vakt over meg?
- <sup>13</sup> Eg seier: «Leiet får vera mi trøyst, lat senga bera mi klage.»
- <sup>14</sup> Då skremmer du meg med draumar, med syn gjer du meg redd.
- <sup>15</sup> Aller helst vil eg kvelast. Heller døden enn denne kroppen!
- <sup>16</sup> Eg vil ikkje, vil ikkje leva for alltid! Lat meg vera! Dagane mine er forgjengelege.
- <sup>17</sup> Kva er eit menneske sidan du aktar det så høgt og bryr deg så mykje om det?
- <sup>18</sup> Du granskar det kvar morgon, prøver det kvar stund.
- <sup>19</sup> Kvifor vender du ikkje auga dine frå meg og gjev meg ro til å svelgja spyttet?
- <sup>20</sup> Om eg syndar, kva gjer det deg, du som vaktar mennesket? Kvifor gjer du meg til skyteskive? Har eg vorte ei bør for deg?
- <sup>21</sup> Kvifor tilgjev du ikkje mi synd og ber over med mi skuld? No må eg leggja meg i støvet; leitar du etter meg, er eg ikkje meir.

## Job 8

### Bildad: Spør fedrane

- <sup>1</sup> Då tok Bildad frå Sjuah til ords og sa:
- <sup>2</sup> Kor lenge vil du tala slik med ord som ein mektig vind?

- <sup>3</sup> Trur du at Gud forvrengr retten, at Den veldige fordreiar rettferda?
- <sup>4</sup> Om borna dine syndar mot han, så gjev han dei over til synda.
- <sup>5</sup> Men om du søker Gud og bed Den veldige om nåde,
- <sup>6</sup> om du er rein og rettskaffen, så vil han vaka over deg og på nytt reisa din rettferds bustad.
- <sup>7</sup> Du byrja smått, men slutten blir stor.
- <sup>8</sup> Spør tidlegare slekter, hald fast på det fedrane fann.
- <sup>9</sup> For vi er frå i går, vi veit ingen ting. Som ein skugge er dagane våre på jorda.
- <sup>10</sup> Men fedrane vil læra deg og tala til deg, føra fram ord frå hjartet.
- <sup>11</sup> Veks vel papyrus der det ikkje er myrlendt, blir sivet stort der det ikkje er vatn?
- <sup>12</sup> Medan det står grønt og uskore, visnar det, før alt anna gras.
- <sup>13</sup> Slik går det med alle som gløymer Gud. Håpet går under for den som er ugudeleg.
- <sup>14</sup> Hans trygge ro heng i tynne trådar, han set si lit til spindellev.
- <sup>15</sup> Han støttar seg til eige hus, men det held ikkje; han klamrar seg til det, men det blir ikkje ståande.
- <sup>16</sup> Frodig står han i sola, breier greinene ut over hagen sin.
- <sup>17</sup> Men røtene hans slyngjer seg inn i ei steinrøys, dei kikkar fram mellom steinar.
- <sup>18</sup> Blir han riven vekk frå staden sin, kjenner ikkje staden han: «Eg har aldri sett deg.»
- <sup>19</sup> Slik er gleda på hans veg, før den neste gror opp av støvet.
- <sup>20</sup> Sjå, Gud avviser ikkje den fromme og gjev ikkje styrke til ugjerningsmenn.
- <sup>21</sup> Han vil på nytt fylla din munn med lått, leggja jubelrop på leppene.

<sup>22</sup> Dei som hatar deg, må kle seg i skam, telta til dei lovause blir borte.

## Job 9

### Job: Han ler når uskuldige fortvilar

<sup>1</sup>Job tok til ords og sa:

<sup>2</sup>Eg veit godt korleis det er. Kan eit menneske ha rett mot Gud?

<sup>3</sup>Ville det føra sak mot han, så kunne det ikkje svara på eit einaste ord av tusen.

<sup>4</sup>Djup er hans visdom, og stor er hans kraft. Kven trassar han og slepp frå det?

<sup>5</sup>Han flytter fjell før dei veit av det, velter dei i sin vreide.

<sup>6</sup>Han rister jorda ut av lage, søylene hennar skjelv.

<sup>7</sup>Han byd sola at ho ikkje skal gå opp, og set segl for stjernene.

<sup>8</sup>Han åleine spente himmelen ut og gjekk på havsens bølger.

<sup>9</sup>Han skapte Bjørnen og Orion, Sjustjerna og stjernebiletta på sørhimmelen.

<sup>10</sup>Han gjer storverk ingen kan granska, og under ingen kan telja.

<sup>11</sup>Han går forbi meg, eg ser det ikkje. Han fer framom, eg merkar han ikkje.

<sup>12</sup>Han riv bort, kven kan hindra han? Kven kan seia til han: «Kva er det du gjer?»

<sup>13</sup>Gud held ikkje att sin vreide, sjølv Rahabs hjelparar må bøya seg for han.

<sup>14</sup>Skulle vel eg kunna svara, velja mine ord mot han?

<sup>15</sup>Sjølv om eg hadde rett, kunne eg ikkje svara; eg måtte be dommaren min om nåde.

<sup>16</sup>Sjølv om eg utfordra og han måtte svara, trur eg ikkje han ville ha lytta til meg,

<sup>17</sup>han som knuser meg i stormen, gjev meg sår på sår utan grunn,

<sup>18</sup>nektar meg å dra pusten, fyller meg med bitter smerte.

- <sup>19</sup> Gjeld det styrke, så har han den. Gjeld det rett, kan han seia: «Kven stemner meg?»
- <sup>20</sup> Sjølv om eg har rett, erklærer min munn meg skuldig. Er eg uskuldig, dømmer han meg som falsk.
- <sup>21</sup> Eg er uskuldig, men kjennest ikkje ved meg sjølv, eg foraktar mitt eige liv.
- <sup>22</sup> Det går ut på eitt. Difor seier eg: Uskuldig eller skuldig – han utslettar begge.
- <sup>23</sup> Han sender ein flaum av brå død, spottar når uskuldige fortvilar.
- <sup>24</sup> Jorda er lagd i handa til den lovause. Han dekkjer auga til dei som feller dommar. Om det ikkje er han, kven er det då?
- <sup>25</sup> Dagane mine går fortare enn nokon kan springa. Dei flyg av stad utan glimt av glede.
- <sup>26</sup> Dei fer i veg som sivbåtar, som ei ørn når ho stuper mot byttet.
- <sup>27</sup> Eg seier til meg sjølv: «Gløym klaga, lyft hovudet og ver glad!»
- <sup>28</sup> Likevel fryktar eg smertene, eg veit at du ikkje frikjenner meg.
- <sup>29</sup> Eg blir jo dømd skuldig, kvifor då streva til inga nytte?
- <sup>30</sup> Om eg vaska meg i snøvatn og reinsa hendene med lut,
- <sup>31</sup> kastar du meg i gjørmegrava så kleda mine avskyr meg.
- <sup>32</sup> Ja, han er ikkje eit menneske som eg, så eg kan gje han svar og vi kan møtast i retten.
- <sup>33</sup> Det finst ingen dommar som kan leggja handa på oss begge.
- <sup>34</sup> Heldt han kjeppen sin borte frå meg så redslene hans ikkje skremde meg,
- <sup>35</sup> då kunne eg tala utan redsle. No kan eg ikkje det.

## Job 10

### Kunngjer klagemålet

- <sup>1</sup> Eg avskyr mitt eige liv. No gjev eg mi klage fritt løp, vil tala med bittert sinn.
- <sup>2</sup> Eg seier til Gud: Ikkje døm meg skuldig! Lat meg få vita kvifor du fører sak mot meg!
- <sup>3</sup> Har du glede av å undertrykkja, av å vraka dine henders verk, medan du lét sola gå opp over planane til urettferdige?
- <sup>4</sup> Har du auge som eit menneske, ser du slik skapningar ser?
- <sup>5</sup> Er dine dagar som menneskedagar og dine leveår som mannens år?
- <sup>6</sup> For du spør etter mi skuld og leitar etter mi synd,
- <sup>7</sup> endå du veit at eg ikkje er skuldig. Ingen kan bergast frå di hand.
- <sup>8</sup> Di hand forma og laga meg, men no angrar du og utslettar meg!
- <sup>9</sup> Hugs, du laga meg av leire, og no lét du meg venda attende til støv!
- <sup>10</sup> Du helte meg opp som mjølk og lét meg storkna som ost.
- <sup>11</sup> Du kledde meg med hud og kjøt, med knoklar og sener vov du meg.
- <sup>12</sup> Du gav meg liv og alt som godt er, du verna og vakta mi livskraft.
- <sup>13</sup> Men dette gøymde du i hjartet, dette veit eg du hadde i tankar:
- <sup>14</sup> Om eg syndar, vaktar du på meg og vil ikkje frikjenna meg for skuld.
- <sup>15</sup> Er eg skuldig, så ve meg! Og sjølv om eg har rett, kan eg ikkje lyfta hovudet; eg er mett av skam og har nok av naud.
- <sup>16</sup> Står eg likevel oppreist, jagar du meg som ei løve, igjen og igjen gjer du underlege ting mot meg.
- <sup>17</sup> Du finn nye vitne mot meg, viser meg aukande uvilje og sender hær etter hær mot meg.
- <sup>18</sup> Kvifor hjelpte du meg ut or mors liv? Var eg berre død før noko auge fekk sjå meg!
- <sup>19</sup> Då var eg som om eg aldri var til, boren frå mors liv til grava.



- <sup>20</sup> Kor få mine levedagar er! Kan han ikkje la meg vera, så får eg litt glede
- <sup>21</sup> før eg går bort til landet med mørker og dødsskugge og aldri vender attende,
- <sup>22</sup> eit land så mørkt som svarte natta, der det rår dødsskugge, ikkje orden, der lyset er som mørkret.

## Job 11

### Sofar: Guds løynde visdom

- <sup>1</sup> Då tok Sofar frå Naama til ords og sa:
- <sup>2</sup> Må ikkje ein slik ordflaum få svar så ikkje pratmakeren får rett?
- <sup>3</sup> Tomsnakket ditt får folk til å teia. Du spottar utan skam.
- <sup>4</sup> Du seier: «Min lærdom er rett. Rein er eg i dine auge.»
- <sup>5</sup> Berre Gud ville tala og opna leppene mot deg!
- <sup>6</sup> Då ville han fortelja deg visdomens løyndomar og gje deg dobbel innsikt: Vit at Gud lèt di skuld bli gløymd.
- <sup>7</sup> Kan vel du måla Gud, kan du kjenna Den veldiges grenser?
- <sup>8</sup> Høgare enn himmelen – kva kan du gjera? Djupare enn dødsriket – kva veit vel du?
- <sup>9</sup> Lengre enn jorda, breiare enn havet.
- <sup>10</sup> Om han dreg fram, sperrar inne og kallar saman, kven kan hindra han?
- <sup>11</sup> Han kjenner løgnarane. Kan han vel sjå urett utan å leggja merke til det?
- <sup>12</sup> Kan ein tomskalle få forstand? Kan eit villesel fødest som menneske?
- <sup>13</sup> Om ditt hjarte er fast, så brei hendene ut mot han.
- <sup>14</sup> Om det er urett i di hand, så vis uretten bort; lat ikkje vondskap bu i dine telt.
- <sup>15</sup> Då kan du skuldfri lyfta hovudet, heilstøypt og utan frykt.
- <sup>16</sup> For du skal gløyma lidinga, minnast henne som vatn som rann forbi.

- <sup>17</sup> Då står livet høgare enn middagssola. Mørkret blir som ein morgon.
- <sup>18</sup> Du er tillitsfull, for det er håp. Du er verna og kan trygt leggja deg.
- <sup>19</sup> Ingen skremmer deg når du går til ro. Mange vil søkja din gunst.
- <sup>20</sup> Men auga til dei lovause sloknar. Dei er ikkje i stand til å flykta, deira einaste håp er å få anda ut.

## Job 12

### Job: Ulukke kan ramma alle

- <sup>1</sup> Då tok Job til ords og sa:
- <sup>2</sup> Ja, de snakkar som folk flest, med dykk døyr nok visdomen ut!
- <sup>3</sup> Men eg òg har forstand, eg står ikkje tilbake for dykk. Kven kjenner ikkje til alt dette?
- <sup>4</sup> Eg er til lått for venene mine, eg som ropa til Gud og fekk svar, til lått, eg som er rettferdig og from!
- <sup>5</sup> «Gløym ulukka», tenkjer den sorgause, «ho rammar berre han som snublar.»
- <sup>6</sup> Telta til valdsmenn får stå i fred; trygge er dei som utfordrar Gud og trur dei har han i si hole hand.
- <sup>7</sup> Spør berre dyra, og dei skal læra deg, spør fuglane under himmelen, og dei skal opplysa deg.
- <sup>8</sup> Snakk med jorda, og ho skal læra deg, fiskane i havet skal fortelja.
- <sup>9</sup> Kven av desse har ikkje skjøna at Herrens hand har laga dette?
- <sup>10</sup> Han har kvar levande skapning i si hand, og ånda til kvart menneske.
- <sup>11</sup> Prøver ikkje øyret det som blir sagt? Ganen smakar då på maten?
- <sup>12</sup> Med alderdom kjem visdom, eit langt liv gjev innsikt.
- <sup>13</sup> Hos Gud er visdom og styrke, råd og forstand.
- <sup>14</sup> Når han riv ned, byggjer ingen opp; når han lèt att for ein mann, kan ingen opna.

- <sup>15</sup> Når han stengjer for vatnet, blir det tørke, og når han opnar, blir jorda skyld bort.
- <sup>16</sup> Hos han er styrke og innsikt. Den som fer vill og den som fører vill, tilhøyrer han.
- <sup>17</sup> Han viser rådgjevarar berrfotte bort, og dommarar gjer han til dårar.
- <sup>18</sup> Han løyser kongars lenkjer og bind beltet om dei.
- <sup>19</sup> Han fører prestar berrfotte bort og feller dei sterke.
- <sup>20</sup> Han lèt dei pålitelege mista munn og mæle, tek dømmekrafta frå dei eldste.
- <sup>21</sup> Han auser skam over stormenn og tek våpenbeltet av dei sterke.
- <sup>22</sup> Han avdekkjer det mørke djupet, dreg dødsskuggen fram i lyset.
- <sup>23</sup> Han lèt folkeslag veksa, og han gjer ende på dei, han spreier folka, og han leier dei.
- <sup>24</sup> Han tek vitet frå leiarane for folket i landet og fører dei vill i veglause audna.
- <sup>25</sup> Dei famlar i mørker utan lys, han lèt dei gå seg bort som drukne menn.

## Job 13

### Kor mange er syndene mine?

- <sup>1</sup> Auga mine har sett alt, øyra har høyrte og forstått.
- <sup>2</sup> Det de veit, veit eg òg, eg står ikkje tilbake for dykk.
- <sup>3</sup> Likevel må eg tala til Den veldige, eg ønskjer å gå i rette med Gud!
- <sup>4</sup> Men de smør løgna utover, kvakksalvarar er de alle saman.
- <sup>5</sup> Om de berre ville teia! Då kunne de reknast for vise!
- <sup>6</sup> Høyr på forklaringa mi, gjev akt på forsvaret mitt!
- <sup>7</sup> Vil de vitna for Gud med urett, tala hans sak med svik?
- <sup>8</sup> Er det Gud de tek parti for? Er det hans sak de fører?

<sup>9</sup> Går det då godt når han ransakar dykk? Kan de narra han slik de narrar menneske?

<sup>10</sup> Nei, han ville refsa dykk strengt om de tok parti i løynd.

<sup>11</sup> Skulle ikkje hans velde skremma dykk, hans skrekk falla over dykk?

<sup>12</sup> Visdomsorda dykkar er oske, og svara dykkar er av leire.

<sup>13</sup> Tei stilt og lat meg føra ordet, kva som enn skjer med meg!

<sup>14</sup> Eg tygg på mitt eige kjøt, eg går med livet i hendene.

<sup>15</sup> Han vil drepa meg, eg har ikkje noko håp, likevel vil eg forsvara mine vegar for hans andlet.

<sup>16</sup> Kanskje blir dette mi redning, for ingen ugudeleg kan koma fram for han.

<sup>17</sup> Lytt vel til talen min, lat forklaringa klinga i øyra!

<sup>18</sup> Sjå, eg legg fram mi sak, eg veit at eg har rett.

<sup>19</sup> Kan nokon vinna ei sak mot meg? Då vil eg teia og døy.

<sup>20</sup> Skån meg berre for to ting, så slepp eg å løyna meg for deg:

<sup>21</sup> Ta handa di bort frå meg, og lat ikkje redslene dine skremma meg!

<sup>22</sup> Rop, så skal eg svara, eller lat meg tala, så svarar du!

<sup>23</sup> Kvar er mi skuld og mine synder? Kunngjer mitt brot og mi synd!

<sup>24</sup> Kvifor løyner du andletet og reknar meg som din fiende?

<sup>25</sup> Vil du då skremma eit blad som blæs bort, forfølgja eit vise halmstrå?

<sup>26</sup> Ditt klageskrift mot meg er bittert, du lèt meg bøta for min ungdoms synder.

<sup>27</sup> Du set føtene mine i blokka. Du vaktar på alle mine stigar, merkjer av kvart fotspor.

<sup>28</sup> Mennesket er som røte, det blir utslite som mølletne klede.

## Job 14

### Mine lånte dagar

- <sup>1</sup>Mennesket, fødd av ei kvinne, lever kort og er fylt av uro.
- <sup>2</sup>Det spirer som blomen og visnar, flyktar som skuggen, står ikkje i ro.
- <sup>3</sup>Likevel held du auge med det, du stemner meg for din domstol.
- <sup>4</sup>Kan det koma ein rein av ein urein? Nei, ikkje ein einaste.
- <sup>5</sup>Når dagane til mennesket er fastsette, når du har bestemt månadstalet for det, sett grensa det ikkje kan bryta,
- <sup>6</sup>vend då blikket bort og lat det vera, så kan det gleda seg ved sine lånte dagar.
- <sup>7</sup>For eit tre finst det håp: Blir det felt, veks det opp att, det skal ikkje mangla friske skot.
- <sup>8</sup>Om røtene i jorda blir gamle og stubben morknar i støvet,
- <sup>9</sup>så spirer det på nytt ved eimen av vatn, set skot som eit nyplanta tre.
- <sup>10</sup>Men når mannen døyr, er det ute med han; når mennesket går bort, kvar er det då?
- <sup>11</sup>Slik vatnet forsvinn frå sjøen, slik elva minkar og tørkar ut,
- <sup>12</sup>slik ligg mannen og reiser seg ikkje. Han vaknar ikkje om så himmelen forgår, han står ikkje opp frå søvnen.
- <sup>13</sup>Om du ville gøyma meg i dødsriket, løyna meg til vreiden din er over, setja ein frist og så igjen hugsa på meg!
- <sup>14</sup>Kunne ein mann som døydde, få liv att, då skulle eg halda ut i striden heilt til det kom avløysing for meg.
- <sup>15</sup>Då kunne du ropa, og eg ville svara, for du lengta etter dine henders verk.
- <sup>16</sup>Då ville du telja stega mine utan å vakta på mi synd.
- <sup>17</sup>Mine brot var bunta saman med segl, eit dekke drog du over mi skuld.
- <sup>18</sup>Men nei: Som fjellet fell og forvitrar, slik berg vik frå sin plass,

<sup>19</sup> slik vatnet holar ut steinen og regnskurer skyl moldjorda bort, slik gjer du ende på håpet for mennesket.

<sup>20</sup> Du overmannar han for alltid, og han må gå bort. Du sender han vekk med fordreia andlet.

<sup>21</sup> Borna hans får ære, men han veit det ikkje, det går dei dårleg, men han anar det ikkje;

<sup>22</sup> så stor smerte har han i kroppen, så stor sorg har han i livet.

## Job 15

### Elifas: Munnen din dømmer deg

<sup>1</sup> Då tok Elifas frå Teman til ords og sa:

<sup>2</sup> Ville ein vis svara med luftige meiningar og fylla lungene med austavind,

<sup>3</sup> forsvara seg med gagnlaus tale, med ord som ikkje duger?

<sup>4</sup> Sjølv gudsfrykta bryt du ned, det blir mindre ettertanke for Guds andlet.

<sup>5</sup> Det er synda di som lærer opp munnen, du vel eit listig språk.

<sup>6</sup> Munnen dømmer deg skuldig, ikkje eg. Leppene vitnar mot deg.

<sup>7</sup> Vart du kanskje fødd som det første mennesket, vart du til før haugane var til?

<sup>8</sup> Lytta du då Gud heldt råd? Heldt du visdomen for deg sjølv?

<sup>9</sup> Veit du noko som ikkje vi veit? Forstår du noko som ikkje vi forstår?

<sup>10</sup> For også mellom oss finst gråhåra og gamle, rikare på dagar enn din eigen far.

<sup>11</sup> Er Guds trøyst og hans milde ord for lite for deg?

<sup>12</sup> Kvifor gjer hjartet deg uroleg? Kvifor himlar du med auga?

<sup>13</sup> Du vender di ånd mot Gud, tek sterke ord i din munn.

<sup>14</sup> Korleis kan eit menneske vera reint og ein som er fødd av ei kvinne, ha rett?

- <sup>15</sup> Gud stolar ikkje eingong på sine heilage, sjølv himmelen er ikkje rein i hans auge,
- <sup>16</sup>langt mindre eit avskyeleg og forderva menneske som drikk urett som om det var vatn.
- <sup>17</sup>Eg vil seia deg noko, høyr på meg! Eg vil fortelja det eg har sett,
- <sup>18</sup>det dei vise forkynte, det fedrane ikkje heldt tilbake.
- <sup>19</sup>Berre til dei vart landet gjeve, der drog ingen framande gjennom.
- <sup>20</sup> Den lovause lever i uro alle sine dagar, valdsmannen lever ikkje mange år.
- <sup>21</sup>Redslene syng i øyret hans, i fredstid kjem nokon for å herja.
- <sup>22</sup>Han har ikkje håp om å sleppa unna mørkret, han er utpeika til å falla for sverd.
- <sup>23</sup> Han streifar om etter brød – men kvar er det? Han veit at ein mørk dag står klar for han.
- <sup>24</sup>Naud og trengsle skremmer han, som stridsklare kongar overmannar dei han.
- <sup>25</sup>Han har lyft si hand mot Gud og strider mot Den veldige,
- <sup>26</sup>stormar mot han med krum nakke bak eit tjukt og boge skjold.
- <sup>27</sup> Andletet hans svulmar av feitt, han legg på seg rundt hoftene.
- <sup>28</sup>Men han må slå seg ned i øydelagde byar og i hus der ingen kan bu, hus som er dømde til å leggjast i røys.
- <sup>29</sup>Han blir ikkje rik, hans makt blir ikkje ståande; grøda bognar ikkje på jorda hans.
- <sup>30</sup>Han slepp ikkje unna mørkret; heten svir av dei friske skota, og munnen sluttar å pusta.
- <sup>31</sup>Ingen må stola på det som er tomt. Han blir ført vill, og tomt er det han får att.
- <sup>32</sup> Før dagen er omme, døyr greinene.

<sup>33</sup>Han er lik ein vinstokk som mistar umogne druer, lik eit oliventre som kastar blomane.

<sup>34</sup>Forsamlinga av ugudelege gjev inga frukt, elden øyder telta til dei som lèt seg kjøpa.

<sup>35</sup> Dei unnfangar urett og føder vondskap, morslivet ber fram svik.

## Job 16

### Job: Lat ikkje skriket mitt stilna

<sup>1</sup>Då tok Job til ords og sa:

<sup>2</sup>Eg har høyrte nok av dette; de er elendige trøystarar, alle saman.

<sup>3</sup>Blir det ikkje slutt på tomme ord? Kva er det som driv deg til å svara?

<sup>4</sup>Eg kunne òg ha tala slik som de dersom det var dykkar liv det gjaldt, og ikkje mitt. Eg kunne ha halde fine talar og rist på hovudet av dykk.

<sup>5</sup>Eg ville sett mot i dykk med munnen og lagt band på mine skjelvande lepper.

<sup>6</sup>Talar eg, blir mi smerte ikkje mindre. Held eg opp, blir ho ikkje borte.

<sup>7</sup>Men no har han gjort meg trøytt. Du utrydda alle som hørde meg til.

<sup>8</sup>Du greip meg, og det vart eit vitnemål mot meg. Mi vanmakt talar meg rett opp i andletet.

<sup>9</sup>Hans vreide riv sund, han forfølgjer meg! Han skjer tenner mot meg, fienden min dolkar meg med blikket.

<sup>10</sup> Dei opnar gapet mot meg og slår meg hånleg på kinnet. Saman går dei mot meg.

<sup>11</sup>Gud har overgjeve meg til vonde menneske, kasta meg i armane på lovause.

<sup>12</sup> Eg levde i fred, då riste han meg, greip meg i nakken og slo meg sund. Han sette meg opp som skyteskive,



- <sup>13</sup>pilene hans kom imot meg frå alle kantar. Utan medynk gjennombora han nyrene mine, gallen rann til jorda.
- <sup>14</sup>Han flengde meg opp, sår på sår, storma mot meg som ein krigar.
- <sup>15</sup>Sekk har eg sydd til kroppen min, eg har lagt mi kraft i støvet.
- <sup>16</sup>Andletet er raudt av gråt, det svartnar for auga,
- <sup>17</sup> endå hendene ikkje er merkte av vald og bøna mi er rein.
- <sup>18</sup> Å, jord, gøym ikkje mitt blod, legg ikkje mitt skrik i grav!
- <sup>19</sup>Framleis har eg eit vitne i himmelen, éin i det høge som talar mi sak.
- <sup>20</sup>Venene mine spottar meg, i gråt vender eg auga mot Gud.
- <sup>21</sup>Måtte han gje ein mann rett hos Gud og gje eit menneske rett mot sin neste!
- <sup>22</sup> For om få år må eg fara den stigen som ikkje fører attende.

## Job 17

### Livslyset sloknar

- <sup>1</sup> Livskrafta mi er broten, dagane mine tek ende, berre grava står att.
- <sup>2</sup>Spottarar omgjev meg, auget må dvela ved deira motstand.
- <sup>3</sup> Ta vare på mitt pant hos deg! Kven elles skulle gje meg handslag?
- <sup>4</sup>Du har stengt hjartet deira for innsikt og lèt dei oppnå lite ære.
- <sup>5</sup>Ein mann fortel vener om delinga av arven medan auga til borna sloknar.
- <sup>6</sup>Han har gjort meg til eit ordtak for folk, til ein som dei spyttar i andletet.
- <sup>7</sup> Auga mine er sløva av sorg, og lemene er som ein skugge.
- <sup>8</sup>Dei rettskafne grøssar av slikt, den skuldfrie er opprørt over den ugudelege.
- <sup>9</sup>Den rettferdige held fast på sin veg, for reine hender gjev større styrke.
- <sup>10</sup>Men kom berre hit, alle saman! Eg finn ingen som er vis mellom dykk.
- <sup>11</sup>Dagane mine tek slutt, planane mine ligg knuste, ja, mine inste lengsler.
- <sup>12</sup> Dei gjer natta til dag, seier lyset er nær sjølv om det er mørkt.

- <sup>13</sup>Kva har eg å vona på? Dødsriket er min bustad, i mørkret reier eg mi seng.
- <sup>14</sup>Eg ropar til grava: «Du er min far!» og til makken i jorda: «Mi mor og syster!»
- <sup>15</sup> Kvar er mitt håp? Kven kan vel få auge på det?
- <sup>16</sup>Går også håpet til dødsriket? Stig vi saman ned i støvet?

## Job 18

### Bildad: Redsler for den ugudelege

- <sup>1</sup>Då tok Bildad frå Sjuah til ords og sa:
- <sup>2</sup>Kor lenge? Når vil de gjera slutt på pratinga? Tenk dykk om, og så kan vi snakka saman!
- <sup>3</sup>Kvifor skulle vi bli rekna som fe? Er vi så dumme i dykkar auge?
- <sup>4</sup>Raseriet ditt riv deg sund. Skulle jorda bli lagd aud for di skuld, og berget flytta seg?
- <sup>5</sup>Lyset til den urettferdige brenn ut, logen frå elden lyser ikkje meir.
- <sup>6</sup>Lyset i teltet hans går ut, og lampa sloknar for han.
- <sup>7</sup>Hans sterke steg blir hindra, hans eigen plan feller han.
- <sup>8</sup>Føtene hans går i garnet, han blir fanga i nettet.
- <sup>9</sup>Ei snare sit rundt hælen, ei lykkje held han fast.
- <sup>10</sup>Eit reip ligg gøymt på jorda, ei felle på hans stig.
- <sup>11</sup> Redslene omringar han, dei jagar i hælane på han.
- <sup>12</sup>Ulukke hungrar etter han. Undergang ventar på hans fall.
- <sup>13</sup> Sjukdom fortærer huda hans. Dødens førstefødde et han opp.
- <sup>14</sup> Han blir riven bort frå sitt trygge telt og ført til redslekongen.
- <sup>15</sup> Redsla slår seg ned i teltet han forlét. Svovel regnar over buplassen hans.
- <sup>16</sup> Nede tørkar røtene hans, oppe visnar greinene.
- <sup>17</sup> Minnet om han blir borte frå landet, han har ikkje meir eit namn der ute.

<sup>18</sup>Han blir driven frå lyset til mørkret, blir jaga frå verda.

<sup>19</sup> Born har han ikkje, ingen etterkomar i folket, ingen overlevande der han budde.

<sup>20</sup>På hans dag grøssar dei i vest, i aust blir dei gripne av redsle.

<sup>21</sup> Sanneleg, slik går det med bustaden til vonde menneske, med staden til den som ikkje kjenner Gud.

## Job 19

### Job: Skriv det med jerngriffel og bly

<sup>1</sup>Då tok Job til ords og sa:

<sup>2</sup>Kor lenge vil de plaga meg og knusa meg med ord?

<sup>3</sup>Det er tiande gongen de spottar meg og utan skam går laus på meg.

<sup>4</sup>Har eg verkeleg feila, så må eg sjølv leva med feilen.

<sup>5</sup>Vil de heva dykk over meg, så vis at mi vanære er fortent!

<sup>6</sup>Men vit at Gud gjer meg urett når han spenner sitt garn omkring meg.

<sup>7</sup>Eg ropar om vald utan å bli høyrd. Eg skrik om hjelp, men det finst ingen rett.

<sup>8</sup>Han stengjer vegen, eg når ikkje fram. Han legg mine stigar i mørker.

<sup>9</sup>Æra tek han frå meg, riv krona av hovudet mitt.

<sup>10</sup>Han bryt meg heilt ned, eg må gå bort. Håpet mitt rykkjer han opp som eit tre.

<sup>11</sup>Vreiden hans flammar mot meg, han reknar meg som sin motstandar.

<sup>12</sup>No kjem alle troppane hans, dei marsjerer mot meg og omringar teltet mitt.

<sup>13</sup>Brørne mine held seg på avstand, kjenningane mine er som framande.

<sup>14</sup>Dei næraste er borte, dei som kjende meg, har gløymt meg.

<sup>15</sup>Huslyd og tenestejenter reknar meg som ein framand; ein utlending er eg i deira auge.

- <sup>16</sup>Ropar eg på tenaren, svarar han ikkje; eg må be han audmjukt om hjelp.
- <sup>17</sup>Anden min er ekkel for kona mi, eg vekkjer avsky hos min eigne born.
- <sup>18</sup>Sjølv gutungar foraktar meg. Når eg reiser meg, talar dei mot meg.
- <sup>19</sup>Dei fortrulege venene viser no avsky, dei eg elsker, vender seg mot meg.
- <sup>20</sup> Eg er ikkje anna enn skinn og bein, tannlaus må eg berga meg.
- <sup>21</sup> Spar meg, ja, spar meg, vener! For Guds hand har rørt ved meg.
- <sup>22</sup>Kvifor jagar de meg slik også Gud gjer? Blir de aldri mette av mitt kjøt?
- <sup>23</sup>Om berre mine ord vart skrivne ned, om dei vart innførte i ein bokrull,
- <sup>24</sup>forma med griffel av jern og med bly, rissa i stein for alltid!
- <sup>25</sup> Eg veit at min utløysar lever. Som den siste skal han stå fram i støvet.
- <sup>26</sup> Når huda er riven av meg og kjøtet er borte, skal eg sjå Gud.
- <sup>27</sup> Mine auge ser, det er eg som får sjå han, ikkje ein framand. Mitt indre fortærest av lengsel!
- <sup>28</sup>De seier: «Lat oss jaga han. Årsaka finst hos han.»
- <sup>29</sup> Frykt heller de sjølve for sverdet; for sverdet brenn mot urett, og de skal få kjenna at det finst ein dom.

## Job 20

### Sofar: Dei vonde jublar ei kort tid

- <sup>1</sup>Då tok Sofar frå Naama til ords og sa:
- <sup>2</sup>Igjen og igjen får eg opprivande tankar, dei gjer meg uroleg.
- <sup>3</sup>Vel må eg lytta til refs og hån, men krafta frå min forstand gjev meg svar.
- <sup>4</sup>Du veit at slik har det alltid vore, heilt sidan mennesket vart sett på jorda;
- <sup>5</sup> dei urettferdige jublar ei kort tid, den ugudelege gleder seg ein augneblink.
- <sup>6</sup> Om hans hovmod lyfter seg himmelhøgt og hovudet når til skyene,
- <sup>7</sup>går han likevel til grunne som skit. Dei som såg han, spør: «Kvar er han?»

- <sup>8</sup> Som ein draum flyg han bort, dei finn han ikkje. Han svinn som eit syn om natta.
- <sup>9</sup> Auget som såg, ser han ikkje lenger, han er ikkje på heimstaden sin.
- <sup>10</sup> Borna hans må søkja godvilje hos fattige; med eigne hender må han gje rikdomen tilbake.
- <sup>11</sup> Ungdomskrafta som fylte beina, kviler no med han i støvet.
- <sup>12</sup> Det vonde er søtt i hans munn, han gøymer det under tunga.
- <sup>13</sup> Han smattar på det utan å svelgja, trykkjer det mot ganen.
- <sup>14</sup> Men maten blir omskapt i magen, blir ormegift i hans indre.
- <sup>15</sup> Rikdomen han slukte, kastar han opp, Gud driv det ut or magen.
- <sup>16</sup> Han syg ormeeiter, hoggormtungta drep han.
- <sup>17</sup> Aldri får han sjå bekker eller elvar som fløymer med honning og rømme.
- <sup>18</sup> Maten han har streva for, vil ut, han får han ikkje ned. Han har inga glede av rikdomen han vann.
- <sup>19</sup> For han knuste fattige og lét dei liggja, han røva til seg hus han ikkje hadde bygd.
- <sup>20</sup> Han finn inga ro i sitt indre; han kan ikkje berga det han har så kjært.
- <sup>21</sup> Ingen ting slepp unna fråtsinga, difor varer ikkje velstanden for han.
- <sup>22</sup> I hans store overflod blir det trongt, ulukka rammar, med full kraft.
- <sup>23</sup> For retteleg å fylla magen hans sender Gud sin brennande vreide og lét det regna over han med kjøt.
- <sup>24</sup> Han rømmer frå våpen av jern, men blir såra av ein bronseboge.
- <sup>25</sup> Han dreg pila ut av ryggen, dreg den blanke spissen ut av galleblæra. Redsle kjem over han.
- <sup>26</sup> Stummande mørker løyner han. Ein eld som ingen pustar til, fortærer han. Ulukka rammar dei som er att i teltet hans.

- <sup>27</sup> Himmelen avdekkjer hans skuld, jorda reiser seg mot han.
- <sup>28</sup> Avlinga han fekk i hus, blir ført bort, skyld vekk på Guds vreidedag.
- <sup>29</sup> Slik er lagnaden eit urettferdig menneske får av Gud, arven som Gud har bestemt.

## Job 21

### Job: Kor ofte sloknar lampa til dei urettferdige?

- <sup>1</sup>Då tok Job til ords og sa:
- <sup>2</sup>Høyr etter det eg seier, lat det vera trøysta de gjev.
- <sup>3</sup>Ber over med meg medan eg talar; når eg har tala, kan de spotta.
- <sup>4</sup>Klagar eg over mennesket? Har eg ikkje då grunn til å vera utolmodig?
- <sup>5</sup>Sjå på meg! Bli forskrekka! Hald dykk for munnen!
- <sup>6</sup>Når eg tenkjer tilbake, blir eg skremd og skjelv over heile kroppen.
- <sup>7</sup>Kvifor får dei urettferdige leva, bli gamle og rike?
- <sup>8</sup>Borna er trygge hos dei, dei ser etterkomarar veksa opp.
- <sup>9</sup>Huset har fred frå redsler. Gud bruker ikkje stokken på dei.
- <sup>10</sup>Oksen si paring slår ikkje feil, og kua kalvar i rett tid.
- <sup>11</sup>Dei slepper gutungar ut som sauer, borna dansar i glede.
- <sup>12</sup>Dei syng til tromme og lyre og jublar til fløytetonar.
- <sup>13</sup>Dei nyt sine dagar i lukke og går til dødsriket utan smerte.
- <sup>14</sup>Men til Gud seier dei: «Gå frå oss! Vi har ikkje lyst til å kjenna din veg.
- <sup>15</sup>Kven er Den veldige, kvifor skal vi tena han? Kva får vi att for å kalla på han?»
- <sup>16</sup>Ingen har lukka i si eiga hand. Lat råd frå urettferdige vera langt frå meg!
- <sup>17</sup>Kor ofte sloknar lampa til dei urettferdige? Kjem vel ulukke over dei, smerta han deler ut i sin vreide?
- <sup>18</sup>Blir dei som strå i vinden, som agner stormen sopar bort?

- <sup>19</sup> Sparer Gud straffa til borna? Han gjev att så det kjennest,  
<sup>20</sup> lèt den skuldige sjå undergangen sin med eigne auge og drikka Den veldiges vreide.
- <sup>21</sup> For kva bryr vel han seg om etterslekta når hans tid er ute?  
<sup>22</sup> Men kven kan læra Gud, han som dømmer dei høgste?
- <sup>23</sup> Den eine døyr i si velmakt, heilt igjennom sorglaus og roleg,  
<sup>24</sup> med bytter fulle av mjølk, knoklar med saftig merg.
- <sup>25</sup> Den andre døyr med bittert sinn og har aldri smaka det gode.  
<sup>26</sup> Begge må liggja i støvet, dekte av makk.
- <sup>27</sup> Eg kjenner tankane dykkar, planane de pønskar ut mot meg.  
<sup>28</sup> For de spør: «Kvar er stormannens hus? Kvar er vel teltet der dei lovlause budde?»
- <sup>29</sup> Har de ikkje spurt dei vegfarande? Har de ikkje forstått det dei varslar?  
<sup>30</sup> For på ulukkedagen blir den vonde spart, på vreidedagen blir han berga.
- <sup>31</sup> Kven stiller han til ansvar for hans livsferd, kven krev han for det han har gjort?  
<sup>32</sup> Nei, han blir boren til grava, og ved gravkammeret held dei vakt.
- <sup>33</sup> Han kviler mjukt i molda i dalen. Alle vil følgja etter, og ei tallaus mengd har gått føre.  
<sup>34</sup> Korleis kan de trøysta meg med tom trøyst og svara meg med svik?

## Job 22

### Elifas: Forlik deg med Gud

- <sup>1</sup> Då tok Elifas frå Teman til ords og sa:  
<sup>2</sup> Kan vel ein mann hjelpa Gud? Nei, den kloke hjelper berre seg sjølv.  
<sup>3</sup> Har Den veldige glede av di rettferd? Tener han på at du er heil i di ferd?  
<sup>4</sup> Er det for gudsfrykta di han klagar deg og stemner deg for retten?

- <sup>5</sup>Er ikkje vondskapen din stor og skulda utan ende?
- <sup>6</sup>Du tok pant frå brørne dine utan grunn, drog av dei siste plagga deira.
- <sup>7</sup>Den utmatta nekta du vatn, du heldt brød tilbake frå den svoltne.
- <sup>8</sup>Den sterke eigde landet, den fornemme fekk bu der.
- <sup>9</sup>Enkjer sende du tomhendte bort, du knuste styrken til dei farlause.
- <sup>10</sup>Difor er snarer sette omkring deg, brå redsle grip deg.
- <sup>11</sup>Eller ser du ikkje mørkret, vassflaumen som kjem over deg?
- <sup>12</sup>Er ikkje Gud høgt i himmelen? Sjå dei øvste stjernene, kor langt oppe dei er!
- <sup>13</sup>Du seier: «Kva veit vel Gud? Kan han dømme gjennom tett skodde?
- <sup>14</sup>Skyer dekkjer så han ikkje ser der han vandrar over himmelbogen.»
- <sup>15</sup>Vil du følgja den gamle stigen som ugjerningsmenn gjekk,
- <sup>16</sup>dei som vart rivne for tidleg bort då flaumen skylde vekk grunnvollen deira?
- <sup>17</sup>Dei hadde sagt til Gud: «Gå frå oss! Kva gjer vel Den veldige for oss?»
- <sup>18</sup>Men han hadde fylt husa deira med alt godt. Lat planane til urettferdige vera langt frå meg!
- <sup>19</sup>Dei rettferdige såg det og jubla, dei uskulde spotta:
- <sup>20</sup>«Der forsvinn motstandarane våre, og elden fortærer restane.»
- <sup>21</sup>Forlik deg med han og slutt fred, så får du alt godt tilbake.
- <sup>22</sup>Ta imot rettleiing frå hans munn, legg deg talen hans på hjartet.
- <sup>23</sup>Vend attende til Den veldige, så får du oppreising. Hald urett borte frå teltet ditt!
- <sup>24</sup>Kast gullet ditt i støvet, Ofir-gullet mellom steinar i bekken,
- <sup>25</sup>så skal Den veldige vera gull for deg, ja, det finaste sølv.
- <sup>26</sup>Du har di glede i Den veldige. Du lyfter andletet mot Gud.



- <sup>27</sup> Du bed til han, og han hører deg. Du innfrir det du har lova.
- <sup>28</sup> Det du set deg føre, skal lukkast. Lys skal stråla over vegane dine.
- <sup>29</sup> Når det går nedover, skal du seia: «Opp!» Han frelser dei som slår auga ned.
- <sup>30</sup> Han bergar jamvel den som ikkje er uskuldig; ved dine reine hender blir han berga.

## Job 23

### Job: Eg teier ikkje

- <sup>1</sup> Då tok Job til ords og sa:
- <sup>2</sup> Framleis er klaga mi trassig, endå eg dempar mine stønn med hard hand.
- <sup>3</sup> Om eg berre kunne finna han, stiga inn i hans tronsal,
- <sup>4</sup> då ville eg leggja fram mi sak for han, fylla munnen med motbevis.
- <sup>5</sup> Då kunne eg få vita kva han ville svara, og forstå kva han vil seia meg.
- <sup>6</sup> Ville han bruka si store makt i saka mot meg? Å nei, han ville nok høyra på meg.
- <sup>7</sup> Så drøfte eg saka ærleg med han, og dommaren sette meg fri for alltid.
- <sup>8</sup> Går eg mot aust, er han ikkje der, går eg mot vest, merkar eg han ikkje.
- <sup>9</sup> Arbeider han i nord, veit eg det ikkje. Og snur han mot sør, ser eg det ikkje.
- <sup>10</sup> Men han kjenner den vegen eg følgde. Prøver han meg, kjem eg ut som gull.
- <sup>11</sup> Føtene mine gjekk i hans spor, eg følgde hans veg og veik ikkje av.
- <sup>12</sup> Eg braut ikkje boda frå leppene hans, orda frå hans munn gøymde eg i mitt indre.
- <sup>13</sup> Han er den einaste; kven kan hindra han? Det han har lyst til, det gjer han.
- <sup>14</sup> Han fullfører det han har fastsett for meg, og meir av same slag har han i tankar.

<sup>15</sup> Difor er eg redd for å møta han. Eg tenkjer etter og blir slegen av skrekk.

<sup>16</sup>Gud gjer meg motlaus, Den veldige skremmer meg.

<sup>17</sup>Men eg teier ikkje i møte med mørkret, når bekmørkret dekkjer meg.

## Job 24

### Gud bryr seg ikkje om urett

<sup>1</sup>Når tidene som går, ikkje er løynde for Den veldige, kvifor får ikkje dei som kjenner han, sjå hans dagar?

<sup>2</sup>Folk flytter grensesteinar. Dei stel småfe og sender dei på beite.

<sup>3</sup>Eselet til farlause hentar dei. Dei tek pant i oksane til enkjer.

<sup>4</sup>Dei tvingar fattigfolk av vegen, dei hjelpelause i landet må gøyma seg.

<sup>5</sup>Som villesel i ørkenen går dei til si gjerning. Dei jaktar på bytte i øydemarka, mat for borna sine.

<sup>6</sup>Dei sankar aks på åkrane, etterhaust på vinmarkene til dei urettferdige,

<sup>7</sup>nakne mot natta, utan klede og utan vern mot kulden.

<sup>8</sup>Regnet i fjellet gjer dei våte. Utan livd trykkjer dei seg mot berget.

<sup>9</sup>Somme riv farlause born frå morsbrystet. Dei krev pant av fattige,

<sup>10</sup>av dei som går omkring utan klede, dei som svoltne må bera på kornband.

<sup>11</sup>Dei pressar olje mellom trerekkjene, dei trakkar vinpressa, men tørstar.

<sup>12</sup>Frå byen høyrest stønn av døyande, såra skrik om hjelp. Men Gud bryr seg ikkje om deira bøn.

<sup>13</sup>Andre gjer opprør mot lyset. Dei kjenner ikkje lysets vegar, held seg ikkje til lysets stigar.

<sup>14</sup>Ein mordar står opp før sola, han drep hjelpelause og fattige, om natta er han som ein tjuv.

<sup>15</sup>Horkarens auge vaktar på skumringa: «Ingen ser meg», seier han og dekkjer andletet til.

<sup>16</sup>I mørkret bryt dei seg inn i hus. Om dagen stengjer dei seg inne: Dei vil ikkje vita av lyset.

<sup>17</sup>For dei er dødsskugge som ein morgon. Dei kjenner til skremslene frå dødsskuggen.

<sup>18</sup>Dei forsvinn som krusingar på vatnet. Deira arvedel i landet er forbanna, ingen tek vegen til vinmarkene deira.

<sup>19</sup>Tørke og hete tek snøvatnet bort, dødsriket sluker dei som syndar.

<sup>20</sup>Morslivet gløymer dei, makken fortærer dei, ingen minnest dei meir. Uretten blir knekt som eit tre.

<sup>21</sup>Dei var vonde mot den barnlause, ho som ikkje fødde, og gjorde ikkje godt mot enkjer.

<sup>22</sup>Gud riv dei sterke bort med sin styrke. Når han reiser seg, er ingen sikker for sitt liv.

<sup>23</sup>Han gjev dei tryggleik og støtte, men auga hans følgjer vegane deira.

<sup>24</sup>Ei stund er dei opphøgde, så er det slutt. Dei bøyst som alle andre og visnar, blir skorne som mogne aks.

<sup>25</sup>Er det ikkje slik? Kven kan seia at eg lyg? Kven kan gjera orda mine til inkjes?

## Job 25

### Bildad: Ingen er rein for Gud

<sup>1</sup>Då tok Bildad frå Sjuah til ords og sa:

<sup>2</sup>Gud har velde og valdar redsle, han skaper fred i sin høge himmel.

<sup>3</sup>Kan nokon telja hans hærflokkar? Går ikkje hans lys opp over alle?

<sup>4</sup>Kan eit menneske vera rettferdig for Gud, kan den som er fødd av ei kvinne, vera rein?

<sup>5</sup>Sjølv månen skin ikkje klårt, stjernene er ikkje reine i hans auge.

<sup>6</sup>Langt mindre menneskekrypet, mennesket – denne makken.

## Job 26

### Job: Kven kan forstå Guds makt?

- <sup>1</sup>Då tok Job til ords og sa:
- <sup>2</sup>Ja, du er god hjelp for ein maktlaus mann, ein reddande arm for den kraftlause!
- <sup>3</sup>Kor du gjev råd til den som manglar visdom, for ei innsikt du gjev han!
- <sup>4</sup>Kven lærte deg å tala? Kven kjem han frå, den pusten som går ut frå deg?
- <sup>5</sup>Daudingane skjelv, vatnet der nede og dei som bur der.
- <sup>6</sup>Nake ligg dødsriket for Gud, avgrunnen er utan dekke.
- <sup>7</sup>Han har breidd nordhimmelen ut over aude rommet, hengt jorda opp over ingenting.
- <sup>8</sup>Han bind vatnet i skyene, men skylaget rivnar ikkje.
- <sup>9</sup>Han løyner trona si, breier skyer rundt henne.
- <sup>10</sup>Rundt havet dreg han ei grense; himmelranda skil lys frå mørker.
- <sup>11</sup>Himmelsøylene vaklar, skremde av hans trugsmål.
- <sup>12</sup>Med si kraft har han rørt havet opp, med sin klokskap knust Rahab.
- <sup>13</sup>Vinden hans blæs himmelen klår. Handa hans sårar den flyktande slangen.
- <sup>14</sup>Sjå, alt dette er berre randa av hans veg; det er som å høyra ei kviskring. Men når hans makt tornar, kven kan forstå det?

## Job 27

### Job: Eg held fast på mi rettferd

- <sup>1</sup>Job heldt fram med visdomstalen sin og sa:
- <sup>2</sup>Så sant Gud lever, han som nektar meg retten, Den veldige, han som gjer meg bitter:
- <sup>3</sup>Så lenge det er livsande i meg, pust frå Gud i nasen min,
- <sup>4</sup>skal leppene mine ikkje tala urett og tunga ikkje bera fram svik.

- <sup>5</sup> Fri meg frå å gje dykk rett! Eg er uskuldig, det står eg ved til eg døyr.
- <sup>6</sup> Eg held på mi rettferd og slepper ikkje, hjartet fordømmer ingen av dagane mine.
- <sup>7</sup> Lat fienden min stå som skuldig, motstandaren som urettferdig!
- <sup>8</sup> Kva håp har den ugudelege av det han har vunne, når Gud gjer ende på livet hans?
- <sup>9</sup> Høyrer Gud klageropa hans når trengsler kjem over han?
- <sup>10</sup> Har han si glede i Den veldige? Ropar han seint og tidleg på Gud?
- <sup>11</sup> Eg vil læra dykk om Guds hand og ikkje skjula kva Den veldige har tenkt.
- <sup>12</sup> De har då sett det, alle saman, så kvifor dette tomme snakket?
- <sup>13</sup> Slik er den delen ein lovlaus får av Gud, den arven valdsmannen får frå Den veldige:
- <sup>14</sup> Har han mange born, fell dei for sverd, etterkomarane får ikkje metta seg med brød.
- <sup>15</sup> Dei som overlever, går i død og grav, og inga enkje held sørgjehøgtid.
- <sup>16</sup> Han haugar opp sølv som støv og samlar seg klede som leire;
- <sup>17</sup> han samlar, men rettferdige kler seg, uskuldige deler sølvet.
- <sup>18</sup> Det huset han byggjer, er som ein møll, som lauvhytta vaktmannen lagar.
- <sup>19</sup> Han legg seg rik, men det varer ikkje: Han slår auga opp, og alt er borte.
- <sup>20</sup> Redsler når han att som ein vassflaum, om natta fører stormen han vekk.
- <sup>21</sup> Austavinden lyfter han og fører han bort, sopar han av stad,
- <sup>22</sup> kastar seg over han utan skånsel og er så sterk at han må rømme.
- <sup>23</sup> Vinden slår hendene saman og plystrar han hånleg bort frå hans stad.

## Job 28

### Visdomen, kvar finst han?

- <sup>1</sup> Sølv har sine gruver, gullet sin stad der det blir vaska ut.

- <sup>2</sup>Jern blir henta ut or jorda, og kopar blir smelta ut av stein.
- <sup>3</sup>Dei gjer ende på mørkret, i fjerne krockar finn dei stein løynd i svarte mørkret.
- <sup>4</sup>Dei bryt sjakter langt frå der menneske bur. På gløynde stader, der ingen fot trødde, heng dei og dinglar, langt frå folk.
- <sup>5</sup>Jorda ber fram føde, men i djupet blir ho elta rundt med eld.
- <sup>6</sup>I steinane der nede er safir, der finst det gullstøv òg.
- <sup>7</sup>Ingen rovfugl kjenner stigen dit, den har ikkje noko falkeauge sett.
- <sup>8</sup>Der trør ikkje stolte rovdyr, inga løve går på stigen.
- <sup>9</sup>Mennesket legg hand på harde steinen og endevender fjell frå grunnen.
- <sup>10</sup>Dei sprengjer seg gangar i berget, og auga får sjå alle slag kostbare ting.
- <sup>11</sup>Dei stoppar til vassårer og dreg det løynde fram i lyset.
- <sup>12</sup> Men visdomen, kvar finst han? Kvar har forstanden sin bustad?
- <sup>13</sup>Mennesket veit ikkje kva forstanden er verd. Han finst ikkje i landet til dei levande.
- <sup>14</sup>Djupet seier: «I meg er han ikkje», og havet seier: «Han er ikkje hos meg.»
- <sup>15</sup> Han kan ikkje kjøpast for det finaste gull, prisen kan ikkje vegast i sølv;
- <sup>16</sup>han kan ikkje betalast i Ofir-gull, i kostbar onyks eller safir.
- <sup>17</sup>Han kan ikkje målast i gull eller glas, ingen kan byta han til seg for skåler av finaste gull.
- <sup>18</sup> Korall og bergkrystall kan ikkje eingong nemnast; å eiga visdom er betre enn perler.
- <sup>19</sup>Han kan ikkje målast i topas frå Kusj, ikkje betalast med det reinaste gull.
- <sup>20</sup>Kvar kjem då visdomen frå? Kvar har forstanden sin bustad?
- <sup>21</sup>Visdomen er løynd for kvart levande auge, gøymd for fuglane under himmelen.

- <sup>22</sup>Avgrunnen og døden seier: «Vi har berre høyrte om han.»
- <sup>23</sup> Gud kjenner vegen til visdomen. Han veit kvar han har sin bustad.
- <sup>24</sup>Han skodar til heimsens endar, alt under himmelen kan han sjå.
- <sup>25</sup>Då han gav vinden vekt og lét vatnet få rette mål,
- <sup>26</sup>då han sette ei grense for regnet og fastla vegar for lyn og tore,
- <sup>27</sup> då såg han visdomen og målte han, stilte han opp og granska han.
- <sup>28</sup> Så sa han til mennesket: Å frykta Herren, det er visdom, å venda seg bort frå det vonde, det er forstand.

## Job 29

### Andre talerunden

(29,1–42,6)

#### Job: Eg gjekk gjennom mørkret i hans lys

- <sup>1</sup>Job heldt fram med visdomstalen sin og sa:
- <sup>2</sup> Kunne eg få det som i farne månader, dei dagane då Gud vakta over meg,
- <sup>3</sup>då hans lampe skein over hovudet mitt og eg gjekk gjennom mørkret i hans lys,
- <sup>4</sup> slik eg hadde det i mine velmaktsdagar då Gud var min fortrulege i mitt telt,
- <sup>5</sup>då Den veldige framleis var med meg og borna mine var rundt meg,
- <sup>6</sup> då eg vassa i rømme og bekker av olje rann frå berget hos meg.
- <sup>7</sup>Når eg gjekk ut til byporten og tok sete på torget,
- <sup>8</sup>trekte dei unge seg tilbake så snart dei såg meg, og dei gamle reiste seg og stod.
- <sup>9</sup> Hovdingar heldt orda attende, la handa over munnen.
- <sup>10</sup>Stormenns røyser tagna, tunga klistra seg til ganen.
- <sup>11</sup>Når dei fekk høyra om meg, prisa dei meg lukkeleg. Kvar den som såg meg, tala lovord.

<sup>12</sup> For eg redda den fattige som ropa om hjelp, den farlause som ingen hjelpar hadde.

<sup>13</sup> Den forkomne velsigna meg, eg fekk enkjers hjarte til å jubla.

<sup>14</sup> Rettferd var kleda eg kledde meg i, rettsinn var som kappe og turban.

<sup>15</sup> Eg var auge for den blinde og føter for den lamme.

<sup>16</sup> Eg var far for dei fattige og granska saka for dei eg ikkje kjende.

<sup>17</sup> Eg knuste kjeven på dei som gjorde urett, og redda rovet ut av gapet på dei.

<sup>18</sup> Eg sa: «Eg får døy blant mine eigne, dagane mine blir talrike som sandkorn.

<sup>19</sup> Røtene mine når til vatnet, og nattedogg kviler i greinene.

<sup>20</sup> Mi ære blir stadig fornya, og bogen i handa mi får ny spenst.»

<sup>21</sup> Dei lytta til meg og fekk håp, dei tagde når eg gav dei råd.

<sup>22</sup> Når eg hadde tala, tok ingen til motmæle; orda mine draup ned over dei.

<sup>23</sup> Dei venta på min tale som på regn, med munnen open som mot vårregn.

<sup>24</sup> Når eg smilte til dei, kunne dei ikkje tru det. Dei ville ikkje sleppa lyset frå andletet mitt.

<sup>25</sup> Eg valde veg for dei og sat som leiar, trona som ein konge framfor hærflakken, som ein trøystar for dei sørgjande.

## Job 30

### Mi lyre er stemd for sørgjesong

<sup>1</sup> Men no ler dei av meg, dei som er yngre av år, med fedrar som eg nekta plass blant gjetarhundane mine:

<sup>2</sup> «Kva nytte har eg av hendene deira? Dei har mista si manndomskraft.

<sup>3</sup> Naud og svolt har gjort dei ufruktbare. Dei går og gneg på tørre moar som alt i går var aude og snaue.

<sup>4</sup> Dei plukkar melde i krattet og et røter av gyvelbusken.

<sup>5</sup> Dei blir drivne ut av leiren, folk ropar etter dei som etter ein tjuv.



- <sup>6</sup>I ville kløfter held dei til, i jordhøler og grotter.
- <sup>7</sup>Dei skrik som esel i krattet og klyngjer seg saman mellom tistlar,
- <sup>8</sup>born av dårar, av folk utan namn, kjeppjaga ut av landet.»
- <sup>9</sup>Men no er eg spottevisa deira, det er meg dei sladrar om.
- <sup>10</sup> Dei avskyr meg og vik unna meg, openlyst spyttar dei på meg.
- <sup>11</sup>Gud løyste bogestrengen min og knekte meg. Difor er dei utan hemningar når dei møter meg.
- <sup>12</sup>Avkomet deira reiser seg på høgre sida, dei spenner føtene under meg og banar veg for ulukka.
- <sup>13</sup>Dei bryt opp stigen min, dei skor seg på mi ulukke, dei som sjølve ingen hjelpar har.
- <sup>14</sup>Dei kjem som gjennom ei vid rivne, mellom ruinar velter dei fram.
- <sup>15</sup>Redsler kastar seg over meg, dei jagar mi ære som vinden, redninga blæs bort som ei sky.
- <sup>16</sup>For no er mi livskraft tømnd ut, lidings dagar har gripe meg.
- <sup>17</sup>Natta går gjennom merg og bein, verken gneg utan stans.
- <sup>18</sup> Med stor kraft gjennomsøkjer han kleda mine, hendene hans snører kjortelen om meg.
- <sup>19</sup>Så kastar han meg i søla, eg er som støv og oske.
- <sup>20</sup> Eg ropar til deg om hjelp, men du svarar ikkje. Eg står der, og du berre ser på meg.
- <sup>21</sup>Du har snudd om og vorte vond mot meg, Med di veldige hand går du til åtak.
- <sup>22</sup>Du set meg til å ri på stormen, brakket gjer meg skjelven.
- <sup>23</sup> Eg veit du fører meg i døden, til huset som samlar alt levande.

<sup>24</sup>Retter ikkje folk ut handa når alt sig i røys? Ropar dei ikkje om hjelp når dei går under?

<sup>25</sup>Gret ikkje eg over dei som hadde tunge dagar? Sørgde eg ikkje over dei fattige?

<sup>26</sup>Difor vona eg på det gode, men det vonde kom, eg venta på lys, og det vart mørker.

<sup>27</sup>Det koker i meg, ustanseleg. Eg har møtt trengsles dagar.

<sup>28</sup>Eg går omkring i sorg, utan ein gløtt av sol. Eg står fram i forsamlinga og ropar om hjelp.

<sup>29</sup>Eg har vorte ein bror av sjakalar, held lag med strutsar.

<sup>30</sup>Huda er svart over heile meg, og knoklane brenn av hete.

<sup>31</sup>Mi lyre er stemd for sørgjesong, og fløyta gjev lyd til gråt.

## Job 31

### Har eg krenkt retten?

<sup>1</sup>Eg gjorde ein avtale med auga mine at eg ikkje skulle sjå på noka jente.

<sup>2</sup>Kva del fekk eg elles av Gud i himmelen, kva arv frå Den veldige i det høge?

<sup>3</sup>Kjem ikkje uhell til den som gjer urett, rammar ikkje ulukke den som gjer vondt?

<sup>4</sup>Ser ikkje han min veg, tel han ikkje kvart steg?

<sup>5</sup>Har eg ferdast i løgn? Har føtene hasta til svik?

<sup>6</sup>Lat Gud vega meg på rettferds vekt, så vil han forstå at eg er uskuldig.

<sup>7</sup>Om stega mine bøygde av frå vegen, om hjartet følgde der auga flyg, om hendene vart ureine,

<sup>8</sup>så lat andre få eta det eg har sådd, lat spirene mine bli rykte opp med rota.

<sup>9</sup>Om hjartet lét seg lokka av noka kvinne og eg låg på lur ved døra til min neste,

- 10** så kan kona mi mala korn for ein annan og andre få bøya seg ned over henne!
- 11** For det ville vera vondskap, ein urett som fortener straff,
- 12** ein eld som et seg ned til avgrunnen, utryddar alt som veks etter meg.
- 13** Krenkte eg retten når eg hadde sak med slaven eller slavekvinna mi,
- 14** kva skulle eg då gjera når Gud reiste seg? Når han forhøyrd meg, kva skulle eg svara?
- 15** Han som laga meg i mors liv, har òg laga den andre. Den same danna oss i morslivet.
- 16** Har eg nekta fattige det dei ønskte, sløkt gløden i auga til enkjer?
- 17** Åt eg alt brødet sjølv så ikkje farlause fekk mat?
- 18** Nei, frå eg var ung, har eg vore som ein far for dei, frå første stund tok eg meg av enkjer.
- 19** Kunne eg sjå folk bukka under fordi dei ikkje hadde klede, at den fattige mangla noko å kle seg med?
- 20** Velsigna han meg ikkje for varm ull frå lamma mine?
- 21** Har eg lyft handa mot ein farlaus når eg såg at eg fekk medhald i retten?
- 22** Då vil skuldra losna frå nakken og armen gå ut or ledd.
- 23** For Guds ulukker skremmer meg, eg kan ikkje stå meg imot hans velde.
- 24** Har eg sett mi lit til gull, sagt til det edle metallet: «Eg stolar på deg»?
- 25** Har eg gledd meg fordi rikdomen auka, fordi eg fekk hand om så mykje?
- 26** Har eg, når sola stråla fram og månen steig i sin glans,
- 27** late meg hemmeleg lokka til å helsa dei med handkyss?
- 28** Nei, det er ein urett som fortener straff; då ville eg ha fornekta Gud i det høge.

<sup>29</sup> Har eg gledd meg over fiendens undergang, fryda meg når ulukka ramma han?

<sup>30</sup> Eg lét ikkje munnen synda slik at eg forbanna nokon og ønskte han død.

<sup>31</sup> Dei som budde i mine telt, sa då: «Alle blir metta av kjøtet på hans bord.»

<sup>32</sup> Ein innflyttar overnatta aldri ute; døra mi var alltid open.

<sup>33</sup> Har eg løynt mi synd, slik folk gjer, gøymt mi ugjerning ved barmen

<sup>34</sup> fordi eg frykta mengda, var knust av forakt frå slektningar så eg tagde og ikkje gjekk ut?

<sup>35</sup> Om berre nokon ville høyra på meg! Sjå, her er mi underskrift, lat no Den veldige svara meg! Om berre motparten min sette opp eit skriv!

<sup>36</sup> Då ville eg bera det på skuldrene mine, binda det som ein krans om hovudet!

<sup>37</sup> Eg vil gjera rekneskap for alle mine steg, tre fram for han som ein fyrste.

<sup>38</sup> Om åkeren min skrik mot meg og alle plogførene græt,

<sup>39</sup> har eg ete åkerens kraft utan vederlag og blåse ut livet for jordeigaren,

<sup>40</sup> så lat det koma opp tornar i staden for kveite og ugras i staden for bygg!  
Jobs tale er fullført.

## Job 32

### Elihu: Også eg vil tala

<sup>1</sup> Desse tre mennene heldt opp med å svara Job fordi han såg seg sjølv som rettferdig.

<sup>2</sup> Elihu, son til Barakel frå Bus, av Ram-slekta, vart då fylt av harme. Vreiden hans flamma opp mot Job, som meinte seg å vera meir rettferdig enn Gud.

<sup>3</sup> Også på dei tre venene var han sint fordi dei ikkje tok til motmæle, endå dei meinte at Job var skuldig.

<sup>4</sup> Elihu hadde venta med å tala til Job fordi dei andre var eldre enn han.

<sup>5</sup>Men då Elihu såg at det ikkje fanst svar i munnen til dei tre mennene, vart han brennande harm.

<sup>6</sup>Difor tok Elihu, son til Barakel frå Bus, til ords og sa: Eg er ung av år, og de er gamle. Difor var eg redd, våga ikkje å seia mi meining til dykk.

<sup>7</sup>Eg tenkte: «Lat alderen tala, lat dei mange år bera fram visdom!»

<sup>8</sup>Men det er ånda som er i mennesket, pusten frå Den veldige, som fører til innsikt.

<sup>9</sup>Det er ikkje talet på år som gjev visdom, dei gamle veit ikkje alltid kva som er rett.

<sup>10</sup>Difor seier eg: Høyr på meg! Eg òg vil seia mi meining.

<sup>11</sup>For eg venta medan de tala, lytta etter forstand medan de leita etter ord.

<sup>12</sup>Eg hørde nøye på dykk, men ingen har vist at Job tek feil, ingen har gjeve han svar på tiltale.

<sup>13</sup>Sei ikkje: «Vi har funne visdom hos han. Berre Gud kan vinna over han, ikkje menneske.»

<sup>14</sup>For han har enno ikkje retta talen sin til meg, og eg skal ikkje svara han slik de gjorde.

<sup>15</sup>Dei er mållause og svarar ikkje meir, orda sviktar dei.

<sup>16</sup>Skulle eg venta når dei ikkje talar, når dei berre står der utan svar?

<sup>17</sup>Eg òg må ha rett til å tala, eg òg vil seia mi meining.

<sup>18</sup>For eg blir fylt av ord, ånda i mitt bryst driv meg.

<sup>19</sup>Mitt bryst er lik uopna vin, lik nyfylte skinnsekker som held på å rivna.

<sup>20</sup>Eg vil letta trykket ved å tala, opna leppene og gje svar.

<sup>21</sup>Eg gjer ikkje forskjell på folk, vil ikkje smigra nokon,

<sup>22</sup>for smiger veit eg ikkje av. Elles kunne min skapar snart rykkja meg opp.

## Job 33

## Høyr på meg

- <sup>1</sup>Men høyr på det eg seier, Job, lytt til orda mine.
- <sup>2</sup>Sjå, eg opnar gapet, tunga talar i munnen.
- <sup>3</sup>Eg talar av eit ærleg hjarte, leppene snakkar klårt om det eg veit.
- <sup>4</sup>Ånda frå Gud har laga meg, pusten frå Den veldige gjev meg liv.
- <sup>5</sup>Svar meg om du kan! Stå opp og legg fram di sak!
- <sup>6</sup>Sjå, for Gud er vi like, også eg er forma av leire.
- <sup>7</sup>Redsle for meg skal ikkje skremma deg, handa mi skal ikkje tyngja deg.
- <sup>8</sup>Du sa så eg hørde det – klåre stod orda for meg:
- <sup>9</sup>«Eg er rein og utan synd, plettfri er eg, fri for skuld.
- <sup>10</sup> Men Gud har klagemål mot meg og held meg for sin fiende.
- <sup>11</sup> Han set føtene mine i blokka og vaktar på alle mine stigar.»
- <sup>12</sup>Eg svarar: «Der har du ikkje rett! For Gud er større enn menneske.»
- <sup>13</sup>Kvifor klagar du han for ikkje å svara på menneskeord?
- <sup>14</sup>Gud talar éin gong, så éin gong til, men folk merkar det ikkje.
- <sup>15</sup>I ein draum, eit syn om natta, når folk har falle i djup søvn eller slumrar i senga,
- <sup>16</sup> opnar han øyra deira og forseglar dei med formaning,
- <sup>17</sup>for at menneske skal halda opp med det dei gjer, og mannens hovmod bli borte.
- <sup>18</sup> Gud vil redda han frå å gå i grav, berga livet hans frå sverdet.
- <sup>19</sup> Mannen blir tukta med smerter på sitt leie, med ein stadig kamp i knoklane.
- <sup>20</sup>Mat byd han imot, han orkar ikkje lekre retter.
- <sup>21</sup> Kjøtet tærest bort så ein ikkje ser det. Knoklane, som ein før ikkje såg, ligg berre.

- <sup>22</sup> Livet hans går mot grava, han nærmar seg dei som drep.
- <sup>23</sup> Er det då ein engel hos han, ein talsmann mellom tusen, som kan seia mennesket kva som er rett,
- <sup>24</sup> så er han nådig og seier: «Fri han frå å gå i grav! Eg har fått løysepengar.»
- <sup>25</sup> Så blir kroppen sterkare enn då han var ung, han får ungdomens dagar tilbake.
- <sup>26</sup> Han bed til Gud, som gleder seg over han, med fryd ser han Guds andlet, han som lèt mennesket få att si rettferd.
- <sup>27</sup> Han ser på menneska og seier: «Eg synda, eg krenkte retten, men han gjengjelde det ikkje.
- <sup>28</sup> Han fria meg frå å gå i grav. Eg lever og ser lyset.»
- <sup>29</sup> Sjå, alt dette gjer Gud for mennesket, både to og tre gonger.
- <sup>30</sup> Han fører det opp or grava til strålande lys hos dei levande.
- <sup>31</sup> Høyr etter, Job, og lytt til meg! Ver stille, så eg kan få tala!
- <sup>32</sup> Har du noko å seia, så svar meg! Tal, eg gjev deg gjerne rett.
- <sup>33</sup> Men har du ikkje svar, så lytt! Ver stille, så skal eg læra deg visdom.

## Job 34

### Elihu: Kven kan dømme Gud?

- <sup>1</sup> Elihu tok igjen til ords og sa:
- <sup>2</sup> Høyr mine ord, de vise! Lytt til meg, de som har kunnskap!
- <sup>3</sup> Øyret prøver jo orda slik ganen smakar på maten.
- <sup>4</sup> Så lat oss velja det som er rett, og saman finna ut kva som er godt.
- <sup>5</sup> Job har sagt: «Eg er rettferdig, Gud har sett min rett til sides.
- <sup>6</sup> Eg har rett, men blir halden for løgnar. Eg er utan synd, men ei drepende pil har såra meg.»

- <sup>7</sup>Finst det ein mann som Job? Han fyller munnen med spott slik andre drikk vatn.
- <sup>8</sup>Han reiser i følgje med dei som gjer vondt, og ferdast med dei urettferdige,
- <sup>9</sup>for han har sagt: «Ein mann har ikkje nytte av å søkja gunst hos Gud.»
- <sup>10</sup>Men de forstandige, høyr heller på meg: Det er langt frå Gud å vera urettferdig, og frå Den veldige å gjera vondt.
- <sup>11</sup>Han gjev oss att for våre handlingar, gjev løn etter gjerning.
- <sup>12</sup>Sann mine ord: Gud gjer ikkje urett, Den veldige fordreiar ikkje retten.
- <sup>13</sup>Kven har gjeve han tilsyn med jorda, kven har overlate heile verda til han?
- <sup>14</sup>Om han berre tenkte på seg sjølv og heldt anden, pusten sin, tilbake,
- <sup>15</sup>då ville kvar levande skapning døy og mennesket venda attende til støv.
- <sup>16</sup>Har du forstand, så høyr dette! Lytt til det eg seier!
- <sup>17</sup>Kan ein som foraktar retten, dømme andre? Dømmer du den skuldig som er mektig og rettferdig?
- <sup>18</sup>Vil nokon kalla kongen ein kjeltring, eller seia: «skuldig» til stormenn?
- <sup>19</sup>Men Gud tek ikkje omsyn til hovdingar, vel ikkje rikfolk framfor fattige. Dei er alle verk av hans hand.
- <sup>20</sup>Dei døyr i hast midt på natta, folk blir skaka opp og går til grunne. Sjølv mektige vik, men ikkje for menneskehand.
- <sup>21</sup>Guds auge følgjer kvar manns vegar, kvart steg ser han.
- <sup>22</sup>Ikkje noko mørker, ingen dødsskugge kan løyna dei som gjer urett.
- <sup>23</sup>Han gjev ikkje lang frist før mennesket må møte i Guds rett.
- <sup>24</sup>Han knuser mektige utan forhøyr, set andre i deira stad.
- <sup>25</sup>Han legg merke til det dei gjer. Ei natt slår han dei over ende og knuser dei.
- <sup>26</sup>Han straffar dei som lovlause ein stad der alle ser.
- <sup>27</sup>For dei vende seg bort frå han og gav ikkje akt på hans vegar.



<sup>28</sup> Då nådde ropet frå dei fattige til han, han hørde skriket frå dei hjelpelause.

<sup>29</sup>Om Gud teier, kven kan dømma han? Om han løyner andletet, kven kan sjå han? Han er over kvart folkeslag og kvart menneske,

<sup>30</sup>så ingen ugudeleg får vera konge og leggja snarer for folket.

<sup>31</sup> Har vel du sagt til Gud: «Eg har gjort ein eid og vil ikkje bruka vald.

<sup>32</sup>Og det eg sjølv ikkje ser, må du visa meg så eg ikkje held fram med å synda.»

<sup>33</sup>Skal Gud løna deg som du ønskjer når du avviser han? Det er du som må velja, ikkje eg. Sei det du veit!

<sup>34</sup>Kvar vis mann som høyrer på meg, ja, alle forstandige menneske, vil seia til meg:

<sup>35</sup> «Job talar utan kunnskap, orda hans manglar meining.

<sup>36</sup>Lat Job for alltid prøvast, han svarar som ein ugjerningsmann.

<sup>37</sup>Han legg brot til si synd og spottar midt iblant oss, bruker store ord mot Gud.»

## **Job 35**

### **Elihu: Store ord og lite vit**

<sup>1</sup>Elihu tok igjen til ords og sa:

<sup>2</sup>Tenkjer du at dette er rett, seier du at du er meir rettferdig enn Gud,

<sup>3</sup> sidan du spør: «Kva gagnar det meg, kva hjelper det at eg lèt vera å synda?»

<sup>4</sup>Eg skal svara deg og venene dine:

<sup>5</sup>Lyft blikket mot himmelen og sjå, legg merke til kor høgt skyene er over deg!

<sup>6</sup>Kva gjer det vel Gud om du syndar? Alle dine brot, kva har dei å seia for han?

<sup>7</sup>Og er du rettferdig, kva gjev du då han, kva kan han ta imot frå di hand?

<sup>8</sup>Uretten din rammar medmenneska dine, berre menneske har gagn av rettferda di.

<sup>9</sup>Folk skrik under tung undertrykking, ropar etter hjelp mot dei mektige.

<sup>10</sup> Dei spør ikkje: «Kvar er Gud, han som skapte meg, som lèt lovsong lyda om natta,

<sup>11</sup>som lærer oss meir enn dyra på jorda, gjer oss klokare enn fuglane under himmelen?»

<sup>12</sup>Dei ropar, men får ikkje svar når dei møter vondskap og overmot.

<sup>13</sup> Det er løgn at Gud ikkje høyrer, at Den veldige ikkje ser.

<sup>14</sup> Jamvel når du seier at du ikkje ser han, ser han di sak, og du må venta på han.

<sup>15</sup>Men om no Gud ikkje straffar i vreide og ikkje bryr seg om store ord,

<sup>16</sup> då fer Job med tomt snakk, skjønar lite, men pratar mykje.

## Job 36

### Elihu: Gud er mektig

<sup>1</sup>Elihu heldt fram og sa:

<sup>2</sup>Ha litt tolmod med meg, så skal eg læra deg noko; for eg har meir å seia om Gud.

<sup>3</sup>Mi innsikt hentar eg langt bortanfrå, eg viser at skaparen min har rett.

<sup>4</sup>Orda mine er ikkje løgn; du står framfor ein som veit alt.

<sup>5</sup>Sjå, Gud er mektig, men avviser ingen; mektig er hans styrke og innsikt.

<sup>6</sup>Han held ikkje liv i den urettferdige, men lèt hjelpelause få sin rett.

<sup>7</sup>Han tek ikkje auga frå dei rettferdige; med kongar kjem dei på trona, han lèt dei sitja for alltid og opphøgjer dei.

<sup>8</sup>Blir dei bundne med lenkjer, fanga i ulukke-snarer,

<sup>9</sup>så vil han seia dei kva dei har gjort, at dei synda då dei opphøgde seg.

- 10 Han opnar øyra deira for å átvara og byd dei å venda om frå urett.
- 11 Om dei då lyder og tener han, vil dei leva godt alle sine dagar og enda sine år i lukke.
- 12Men om dei ikkje lyder, vil dei falla for sverd, omkoma i sin uforstand.
- 13Eit ugudeleg hjarte ber på harme. Dei ropar ikkje om hjelp når Gud har bunde dei.
- 14Dei døyr i sin ungdom, endar sitt liv blant tempelprostituerte menn.
- 15 Gud bergar hjelpelause i deira naud, opnar øyra deira i trengslene.
- 16 Så vil han òg føra deg ut or trengsles gap, til ope landskap utan farar der bordet ditt er fullt av feite retter.
- 17Du fullfører dommen over dei lovause, lov og rett skal ramma dei.
- 18 Pass på så ikkje nokon lokkar deg med overflod, lat ikkje løysepenngar føra deg på avveggar!
- 19Kan skriket ditt fria deg frå trengsle om du så bruker all di kraft?
- 20 Du skal ikkje lengta etter den natta då folkeslag blir rykte opp med rot.
- 21Akta deg, vend deg ikkje mot vondskap, for du vel heller vondskap enn liding.
- 22 Sjå, Gud er opphøgd i sitt velde. Kven er ein lærar som han?
- 23 Kven peikar ut den vegen han skal følgja? Kven kan seia at han gjer urett?
- 24 Gløym ikkje å prisa hans verk, det alle menneske syng om.
- 25Alle menneske ser det, dei skimtar det langt borte.
- 26 Sjå, Gud er opphøgd, men vi forstår ikkje, hans år kan vi ikkje telja.
- 27 Han dreg vassdropar opp til seg. Dei blir til regn, til ei Guds kjelde
- 28som strøymmer frå skyene og fell på mange menneske.
- 29 Kan nokon forstå korleis skyene breier seg ut, korleis det tornar under hans bustad?

- <sup>30</sup>Sjå, han breier lyn omkring seg og løyner havsens djup.
- <sup>31</sup>Slik held han dom over folka, og slik gjev han mat i overflod.
- <sup>32</sup>Han kler hendene sine i lyn og sender dei mot sitt mål.
- <sup>33</sup>Torebrak melder at han kjem, sjølv buskapen varslar det når han dreg fram.

## Job 37

- <sup>1</sup>Ja, dette får hjartet til å skjelva, til å hoppa i brystet mitt.
- <sup>2</sup>Lytt til braket av røysta hans, høyr korleis det drønnar frå munnen hans!
- <sup>3</sup>Han lèt lyn fara rundt heile himmelen, sender dei til heimsens endar.
- <sup>4</sup>Etterpå rullar tora, det er den mektige røysta hans som rungar. Han held ikkje lyna att når røysta hans høyrer.
- <sup>5</sup>Gud gjer under med si torerøyst, gjer storverk vi ikkje fattar.
- <sup>6</sup>Til snøen seier han: «Fall ned på jorda», like eins til regnet, det kraftige ausregnet.
- <sup>7</sup>Han set segl på kvar menneskehand, så alle menneske skal kjenna hans gjerning.
- <sup>8</sup>Villydyra går til hòlene sine, må halda seg i hi.
- <sup>9</sup>Stormen fer ut av kammeret sitt, nordavinden kjem med kulden.
- <sup>10</sup>Når Gud pustar, blir det frost, vassflata frys til.
- <sup>11</sup>Han fyller skyene med vatn, breier ut toreskyene sine.
- <sup>12</sup> Dei driv rundt, seglar etter hans plan for dei. Alt han byd, gjer dei over heile den vide jord.
- <sup>13</sup>Han lèt dei koma, somme for å straffa, somme for å gagna jorda hans, somme for å gjera vel mot henne.
- <sup>14</sup> Høyr på dette, Job! Stans og erkjenn Guds under!
- <sup>15</sup>Forstår du korleis Gud gjev skyene bod og lèt lyn skyta fram frå dei?
- <sup>16</sup>Forstår du korleis skyene kan sveva? Dette er hans verk, han som veit alt.

- <sup>17</sup>Du som får kleda varma opp når jorda døser etter sønnavinden,  
<sup>18</sup>kan du hjelpa han med å hamra ut himmelkvelven fast som ein spegel av støypt metall?  
<sup>19</sup>Sei oss kva vi skal svara han! I vårt mørker får vi ikkje fram eit ord.  
<sup>20</sup>Skal han få bod om at eg vil tala? Kven ønskjer vel å gå under?  
<sup>21</sup>No ser ikkje folk lyset, det er berre ein kvit flekk i skylaget; men så kjem vinden og feiar skyene bort.  
<sup>22</sup>Frå nord kjem eit gylle skin, Guds skremmande lysglans.  
<sup>23</sup>Den veldige finn vi ikkje; han er opphøgd i makt og rett. Stor er hans rettferd; han undertrykkjer ingen.  
<sup>24</sup>Difor fryktar menneska han, men han overser dei som trur dei er vise.

## Job 38

### Herren: Spenn beltet om deg

- <sup>1</sup>Då svara Herren Job ut av stormen og sa:  
<sup>2</sup>Kven er dette som formørkjer min plan med uforstandige ord?  
<sup>3</sup>Spenn beltet om livet som ein mann, så vil eg spørja deg, og du skal svara:  
<sup>4</sup>Kvar var du då eg grunnla jorda? Fortel det, om du veit det!  
<sup>5</sup>Kven har fastsett hennar mål – det veit du vel? Kven drog målesnora over henne?  
<sup>6</sup>Kvar vart pilarane under jorda slegne ned, og kven la hjørnesteinen  
<sup>7</sup>medan alle morgonstjerner jubla og alle gudesøner ropa av fryd?  
<sup>8</sup>Kven stengde for havet med portar då det fossa fram frå morslivet,  
<sup>9</sup>då eg kledde havet med skyer og sveipte det i skodde,  
<sup>10</sup>då eg sette grense for det, stengde med slå for porten?  
<sup>11</sup>Eg sa: «Hit kjem du, men ikkje lenger. Her skal dei stolte bølgiene dine brytast.»

- 12 Har du nokon gong kalla morgonen fram eller vist morgonrøden staden hans
- 13 så han kan ta tak i endane av jorda og rista dei lovause bort?
- 14 Då blir jorda omforma som leire under eit stempel, alt står fram som i ny drakt.
- 15 Dei urettferdige mistar det lyset dei hadde. Armen dei lyfte, blir knust.
- 16 Har du nådd fram til havsens kjelder? Har du gått rundt på botnen av urdjupet?
- 17 Har dødens portar synt seg for deg, har du sett dødsskuggens dører?
- 18 Forstår du viddene på jorda? Sei frå om du kjenner alt dette.
- 19 Kvar går vegen til bustaden for lyset, og kvar held mørkret til?
- 20 Du kan føra mørkret til landet der det bur, om du kjenner stigane dit!
- 21 Du veit det, for du var vel fødd den gongen! Ja, dine dagars tal er stort.
- 22 Har du nådd fram dit snøen har sitt kammer, og sett lageret med hagl
- 23 som eg sparer til trengselstider, til dagen med kamp og krig?
- 24 Kvar går vegen dit lyset deler seg og austavinden blæs ut over jorda?
- 25 Kven laga laup for styrtregnet, veg for tore og brak,
- 26 så det regna over land der ingen bur, i ørkenen der det ikkje er menneske?
- 27 Regnet metta det aude landet så graset grodde grønt.
- 28 Har regnet ein far? Kven har avla doggdropane?
- 29 Kva for eit morsliv kjem isen frå? Kven har fødd rimet som fell frå himmelen?
- 30 Vatnet kler seg ut som stein, overflata av djupet blir dekt av is.
- 31 Kan du knyta Sjustjerne-bandet eller løysa Orions lenkjer?
- 32 Fører du stjernebileta fram i rett tid, leier du Store bjørn og dei små bjørnane?

<sup>33</sup>Kjenner du himmelens lover? Styrer du stjernehimmelens makt over jorda?

<sup>34</sup>Kan du lyfta røysta di til skyene slik at vatnet fløymer ned over deg?

<sup>35</sup>Kan du senda ut lyn så dei fer av stad og seier til deg: «Her er vi»?

<sup>36</sup> Kven gjev visdom til ibisfuglen og forstand til hanen?

<sup>37</sup>Kven er så vis at han kan telja skyene? Kven heller vatn or himmelkrukkene

<sup>38</sup>når molda storknar som malm og jordklumpene klistrar seg saman?

## Job 39

<sup>1</sup>Jagar du bytte for løvinna, gjev du løveungane mat

<sup>2</sup>der dei kryp ned i hòlene sine eller ligg på lur i krattet?

<sup>3</sup> Kven skaffar føde til rammen når ungane hans skrik mot Gud og virrar rundt utan mat?

<sup>4</sup>Veit du når fjellgeita får ungar? Går du vakt når hjorten får rier?

<sup>5</sup>Tel du månadene dei går drektige, kjenner du tida når dei skal føda?

<sup>6</sup>Dei huker seg ned og får ungane sine; og så er riene over.

<sup>7</sup>Ungane veks seg store og sterke på slettene, så spring dei bort og kjem ikkje att.

<sup>8</sup>Kven sleppte villeselet fri og løyste det frå alle band?

<sup>9</sup>Eg gav det ein heim i øydemarka, ein bustad i det salte landet.

<sup>10</sup>Det ler av larmen i byen, høyrer ingen drivar som skjenner.

<sup>11</sup>Det søkjer beite i fjella, leitar opp kvar grøn flekk.

<sup>12</sup>Er villoksen villig til å tena deg, kviler han ved krubba di om natta?

<sup>13</sup>Klarer du å spenna han for ploegen? Vil han harva dalane etter deg?

<sup>14</sup>Torer du stola på han, sterk som han er? Kan du overlata arbeidet ditt til han?

<sup>15</sup>Trur du at han fører kornet heim og samlar det på treskjeplassen?

- <sup>16</sup>Strutsen flaksar lystig med vengene, men kan ikkje flyga som stork og falk.
- <sup>17</sup>Strutsen går frå egga sine på marka, lèt dei bli varme i sanden.
- <sup>18</sup>Ho gløymer at ein fot kan knusa dei, at villdyra kan trakka dei sund.
- <sup>19</sup> Ho er hard mot ungane, som om dei ikkje var hennar eigne, fryktar ikkje for at strevet hennar skal vera til inga nytte.
- <sup>20</sup>For Gud nekta henne visdom, gav henne ingen forstand.
- <sup>21</sup>Men når ho flaksar opp i vêret, skrattar ho av hest og ryttrar.
- <sup>22</sup>Kan du gje hesten styrke, kle nakken hans med man,
- <sup>23</sup>la han springa som grashoppa? Han vrinskar stolt og skremmande.
- <sup>24</sup>Han skrapar i marka, yr av kraft, så fer han fram mot våpna.
- <sup>25</sup>Han ler av redsla, fryktar aldri og snur ikkje når han møter sverd.
- <sup>26</sup>Over han klirrar pilkoggeret, det blinkar i spyd og sabel.
- <sup>27</sup>Som eit jordskjelv dundrar han fram og stansar ikkje om hornet gjallar.
- <sup>28</sup> Han vrinskar når hornet lèt, vêrar krig på lang avstand: kommandorop og hærskrisk.
- <sup>29</sup>Var det din forstand som lærte falken å flyga, spreia vengene og gli mot sør?
- <sup>30</sup> Er det på ditt ord at ørna stig og byggjer reir så høgt oppe?
- <sup>31</sup>Ho held til mellom berga, bak festningar av kvasse tindar.
- <sup>32</sup>Der speidar ho etter mat, auga skodar vidt ikring.
- <sup>33</sup> Ungane hennar slurpar i seg blod, der det finst åtsel, er ho på plass.
- <sup>34</sup>Herren svara Job og sa:
- <sup>35</sup>«Ønskjer klagaren å føra sak mot Den veldige? Den som klagar Gud, må svara!»
- <sup>36</sup>Då svara Job Herren og sa:
- <sup>37</sup> «Eg er så liten, kva kunne eg svara deg? Eg legg handa over munnen.



<sup>38</sup>Ein gong har eg tala og tek ikkje meir til ords, to gonger, men no seier eg ikkje meir.»

## Job 40

### Herren: Vil du vera rettferdig?

- <sup>1</sup>Då svara Herren Job ut av stormen og sa:
- <sup>2</sup>Spenn beltet om livet som ein mann, så vil eg spørja deg, og du skal svara.
- <sup>3</sup>Vil du dra mi rettferd i tvil, leggja skulda på meg så du kan få rett?
- <sup>4</sup>Har du så sterk ein arm som Gud, tornar røysta di som hans?
- <sup>5</sup>Så pryd deg då i stordom og velde, kled deg i høgd og herlegdom!
- <sup>6</sup>Lat vreiden din rasa, slå alle hovmodige ned med ditt blikk!
- <sup>7</sup>Sjå på dei stolte og audmjuk dei, trakk dei urettferdige ned der dei står!
- <sup>8</sup>Løyn dei alle i støvet, steng dei inne i mørkret!
- <sup>9</sup>Då ville også eg prisa deg for den sigeren du vann med di høgre hand.
- <sup>10</sup>Sjå Behemot: Eg skapte både henne og deg. Ho et gras som ein okse.
- <sup>11</sup>Sjå for ei kraft ho har i hoftene, og for ein styrke i bukmusklane!
- <sup>12</sup>Ho strekkjer ut halen, stiv som ein seder, og lårsenene er fast fletta.
- <sup>13</sup>Beina er som bronserøyr, knoklane som jernstenger.
- <sup>14</sup>Ho er Guds fremste verk, av skaparen fekk ho sitt sverd.
- <sup>15</sup>Fjella gjev henne føde, alle villdyra leikar der.
- <sup>16</sup>Ho kviler under lotusplanter, i ly av siv og sump.
- <sup>17</sup>Lotusen gjev skugge, piletree ved elva omgjev henne.
- <sup>18</sup>Om elva fossar, er ho like roleg, trygg sjølv når Jordan brusar mot gapet hennar.
- <sup>19</sup>Kven torer openlyst angripa henne og dra ei snor gjennom nasen?
- <sup>20</sup>Kan du dra Leviatan opp med krok og halda tunga hans nede med band?

- <sup>21</sup>Kan du setja sivreip i nasen på han og stikka ein krok gjennom kjevane?
- <sup>22</sup>Vil han då trygla deg om nåde eller tala blidt til deg?
- <sup>23</sup> Gjer han pakt med deg så du kan ta han som slave for alltid?
- <sup>24</sup>Kan du leika med han som med ein fugl, leia han i band til småjentene dine?
- <sup>25</sup>Kjøpslår handelsmenn om han, stykkjar dei han ut mellom kjøpmenn?
- <sup>26</sup>Kan du fylla huda hans med spyd, hovudet hans med harpunar?
- <sup>27</sup>Legg du hand på han, får du ein kamp du vil hugsa og ikkje vil ha igjen.
- <sup>28</sup>Då blir håpet ditt til skamme. Du blir slegen ned straks du ser han.

## Job 41

- <sup>1</sup> Ingen er så uvørden at han vekkjer Leviatan. Kven kan då stå seg mot meg?
- <sup>2</sup> Kven gav meg noko først så eg skulle gje han noko att? Alt under himmelen tilhøyrer meg!
- <sup>3</sup> Eg vil ikkje teia om Leviatan, om styrken hans og den staselege skapnaden.
- <sup>4</sup> Kven kan riva av han skinnet eller trengja inn i det doble panseret hans?
- <sup>5</sup> Kven kan opna gapet på han? Det står skrekk av tanngarden hans!
- <sup>6</sup> Langs ryggen går rekkjer av skjold, lukka tett som med segl.
- <sup>7</sup> Det eine ligg inntil det andre, ikkje ein pust kjem inn mellom dei.
- <sup>8</sup> Skjolda heng fast i hop, grip inn i kvarandre og kan ikkje skiljast.
- <sup>9</sup> Lys strålar fram når han nys, auga hans er som morgonrøden.
- <sup>10</sup> Frå gapet hans går logar av eld, gneistar sprutar fram.
- <sup>11</sup> Røyk kjem frå naseborene som frå ei kokande gryte over brennande siv.
- <sup>12</sup> Pusten hans set kol i brann, ein flamme står ut or gapet.
- <sup>13</sup> Styrke har han i nakken. Redsle hoppar framfor han.
- <sup>14</sup> Kjøtvalkane er faste, dei sit som støypte, dissar ikkje.

- <sup>15</sup>Hjartet hans er fast som stein, fast som den nedste kvernsteinen.
- <sup>16</sup> Når han reiser seg, grøssar gudane, dei er lamma av redsle.
- <sup>17</sup>Om sverdet treffer, bit det ikkje på han, og heller ikkje kastevåpen, spyd eller pil.
- <sup>18</sup>Han aktar jern som var det strå og bronse som morkna tre.
- <sup>19</sup>Inga pil frå bogen kan jaga han. Stein frå slyngja er som halmstrå mot han.
- <sup>20</sup>Som halmstrå reknar han også klubba, og han ler mot susande sablar.
- <sup>21</sup>Under er han som kvasse potteskar, han set spor som ein treskjeslede i gjørme.
- <sup>22</sup> Han set djupet i kok som ei gryte, lèt havet bobla som salve i gryta.
- <sup>23</sup>Bak han ligg lyset som ein stig, som om havdjupet hadde fått sølvhår.
- <sup>24</sup>Ingen på jorda er som han, skapt heilt utan frykt.
- <sup>25</sup>Han set blikket i alt som er høgt, han er konge over alle stolte rovdyr.

## Job 42

### Job: No har eg sett deg

- <sup>1</sup>Då svara Job Herren og sa:
- <sup>2</sup> Eg veit at du maktar alt. Ingen ting er umogleg for deg når du vil det.
- <sup>3</sup> Kven løyner din plan med uforstand? For eg har tala utan å forstå om det som er så underfullt at eg ikkje fattar det.
- <sup>4</sup>Så høyr på det eg no seier: Eg vil spørja deg, så kan du læra meg.
- <sup>5</sup>Før hadde eg berre høyrte gjetord om deg. No har eg sett deg med egne auge.
- <sup>6</sup>Difor kallar eg alt tilbake og angrar i støv og oske.

### Herren velsignar Job

(42,7–17)

- <sup>7</sup> Etter at Herren hadde sagt desse orda til Job, sa han til Elifas frå Teman: «Eg er brennande harm på deg og dei to venene dine; for de har ikkje tala rett om meg, slik som tenaren min, Job.

<sup>8</sup>Ta no sju oksar og sju vêrar, gå til tenaren min, Job, og ber dei fram som brennoffer for dykk sjølve. Job, tenaren min, skal be for dykk, og eg vil høyra bøna hans og ikkje gjengjelda dårskapen dykkar. De tala ikkje rett om meg, slik tenaren min, Job, gjorde.»

<sup>9</sup>Elifas frå Teman, Bildad frå Sjuah og Sofar frå Naama gjekk då av stad og gjorde som Herren hadde sagt, og Herrenhøyrde på Job.

<sup>10</sup>Herren vende Jobs lagnad då han bad for venene sine, og lét han få dobbelt så mykje som han hadde hatt før.

<sup>11</sup>Alle brørne og systrene hans og dei som kjende han frå før, kom til han. Dei åt med han i huset hans, viste medkjensle og trøysta han for alt det vonde som Herren hadde late koma over han. Kvar og ein gav han eit pengestykke og ein gullring.

<sup>12</sup>Og Herren velsigna Jobs siste år meir enn dei første. Han fekk fjorten tusen sauer, seks tusen kamelar, tusen par oksar og tusen eselhopper.

<sup>13</sup>Han fekk sju søner og tre døtrer.

<sup>14</sup>Den eine dottera kalla han Jemima, den andre Kesia og den tredje Keren-Happuk.

<sup>15</sup>I heile landet fanst ikkje vakrare kvinner enn døtrene til Job; faren gav dei arverett saman med brørne.

<sup>16</sup>Etter dette levde Job i 140 år. Han fekk sjå born og barneborn i fire slektsledd.

<sup>17</sup>Så døydde Job, gammal og mett av dagar.

## Salmane

### Salmane 1

#### Første boka

*Salme 1–41*

<sup>1</sup> Sæl er den som ikkje følgjer råd frå lovause, ikkje går på syndarveg og ikkje sit i spottarlag,

<sup>2</sup> men har si glede i Herrens lov og grundar på hans lov dag og natt.

<sup>3</sup> Han er lik eit tre planta ved rennande vatn. Det gjev frukt i rett tid, og lauvet visnar ikkje. Alt han gjer, skal lukkast.

<sup>4</sup> Slik er det ikkje med dei lovause. Dei er lik agner som spreiest for vinden.

<sup>5</sup> Difor kan ingen skuldige bli ståande i dommen, ingen syndarar i flokken av rettferdige.

<sup>6</sup> For Herren kjenner vegen dei rettferdige går, men vegen dei urettferdige går, fører vill.

### Salmane 2

<sup>1</sup> Kvifor er folkeslag i opprør? Kvifor grundar folka på det som er fåfengt?

<sup>2</sup> Kongane på jorda reiser seg, fyrstane slår seg saman mot Herren og den han har salva.

<sup>3</sup> «Lat oss slita sund deira lenkjer og kasta reipa av oss!»

<sup>4</sup> Han ler, han som tronar i himmelen, Herren spottar dei.

<sup>5</sup> Så talar han til dei i sin vreide, i sin harme slår han dei med redsle:

<sup>6</sup> «Det er eg som har innsett min konge på Sion, mitt heilage fjell.»

<sup>7</sup> Eg vil kunngjera det Herren har fastsett. Han sa til meg: «Du er son min, eg har fødd deg i dag.

<sup>8</sup> Be meg, så gjev eg deg folka som arv og heile jorda i eige.

<sup>9</sup> Du skal knusa dei med jernstav, som ei krukke frå pottetakaren skal du slå dei sund.»

<sup>10</sup>Kongar, ver forstandige! lat dykk refsar, de som styrer på jorda.

<sup>11</sup>Ten Herren med ærefrykt, gled dykk og skjelv for han!

<sup>12</sup> Kyss jorda, så han ikkje blir harm og de går til grunne på vegen. For hans vrede kan lett flamma opp. Sæle er dei som søker tilflukt hos han.

### **Salmane 3**

<sup>1</sup> **Ein salme av David då han rømde for Absalom, son sin.**

<sup>2</sup> Herre, kor talrike mine fiendar er! Mange reiser seg mot meg.

<sup>3</sup> Dei seier om meg: «Hos Gud er det inga frelse for han.» *Sela*

<sup>4</sup> Men du, Herre, er eit skjold for meg, du er mi ære, du lyfter mitt hovud.

<sup>5</sup> Eg ropa høgt til Herren, og han svara meg frå sitt heilage fjell. *Sela*

<sup>6</sup> Eg la meg ned og sovna, eg vakna, for Herren held meg oppe.

<sup>7</sup> Eg er ikkje redd ti tusen som samlar seg mot meg på alle kantar.

<sup>8</sup> Reis deg, Herre! Frels meg, min Gud! Du slår alle mine fiendar på kjeven og knuser tennene til dei lovlause.

<sup>9</sup> Frelsa er hos Herren. Lat di signing kvila over ditt folk! *Sela*

### **Salmane 4**

<sup>1</sup> Til korleieren. Med strengespel. Ein salme av David.

<sup>2</sup> Svar meg når eg ropar, du min rettferds Gud! Du viser meg ein veg ut av nauda. Ver meg nådig og høyr mi bøn!

<sup>3</sup> De menneske, kor lenge skal mi ære krenkjast? Kor lenge skal de elska det som er tomt og jaga etter løgn? *Sela*

<sup>4</sup> Vit at Herren gjer under for den som er trufast mot han. Herren høyrer når eg ropar til han.

<sup>5</sup> Skjelv for han og synd ikkje meir. Sei til dykk sjølve når de går til ro: «Ver stille!» *Sela*

<sup>6</sup> Ber fram rette offer og set dykkar lit til Herren!

<sup>7</sup> Mange seier: Kven kan gje oss lukke? Lat lyset frå ditt andlet skina over oss, Herre!

<sup>8</sup> Du gjev meg større glede i hjartet enn andre får av mengder med korn og vin.

<sup>9</sup> I fred vil eg leggja meg ned og sova. For du, Herre, berre du lèt meg kvila trygt.

## **Salmane 5**

<sup>1</sup> Til korleiaren. Med fløytespel. Ein salme av David.

<sup>2</sup> Herre, høyr mine ord! Lytt til mi klage!

<sup>3</sup> Høyr mitt rop om hjelp, min konge og min Gud, for eg bed til deg.

<sup>4</sup> Herre, om morgonen høyrer du mi røyst, tidleg ber eg fram mitt offer og ventar.

<sup>5</sup> Du er ein Gud som ikkje toler urett. Ingen vonde får bu hos deg.

<sup>6</sup> Dei hovmodige får ikkje stiga fram for dine auge. Du hatar alle som gjer vondt,

<sup>7</sup> du gjer ende på dei som talar løgn. Herren avskyr drapsmenn og svikarar.

<sup>8</sup> Men ved di store miskunn kan eg gå inn i ditt hus. Eg kastar meg ned i ærefrykt for deg, vend mot ditt heilage tempel.

<sup>9</sup> Herre, lei meg i di rettferd så fienden ikkje når meg. Gjer vegen din jamn for meg!

<sup>10</sup> For det finst ikkje sanning i deira munn, forderva er deira indre. Strupen er ei open grav, og tunga er glatt.

<sup>11</sup> Gud, lat dei bøta for si skuld, lat dei falla for sine eigne planar! Driv dei bort og spreid dei, syndene deira er mange. For dei har trassa deg.

<sup>12</sup> Men alle som søkjer tilflukt hos deg, skal gleda seg, alltid skal dei jubla. Du vernar dei. Dei frydar seg i deg, dei som elsker ditt namn.

<sup>13</sup> For du, Herre, velsignar den rettferdige, du dekkjer han med nåde som skjold.

## Salmane 6

<sup>1</sup> Til korleieren. Med strengespel. Etter «Den åttande». Ein salme av David.

<sup>2</sup> Herre, refs meg ikkje i din vreide, straff meg ikkje i din harme!

<sup>3</sup> Ver meg nådig, Herre, for eg er kraftlaus. Læk meg, Herre, kroppen skjelv av redsle,

<sup>4</sup> mi sjel er gripen av frykt. Herre, kor lenge?

<sup>5</sup> Vend deg hit, Herre, og fri meg ut, frels meg i di miskunn!

<sup>6</sup> Kven av dei døde kallar på deg? Ingen i dødsriket prisar deg.

<sup>7</sup> Eg er trøytt av å klaga. Eg dynkar mitt leie med tårer kvar natt, senga dryp av gråt.

<sup>8</sup> Mitt auge er sløvt av bitter sorg, aldri fordi mange står imot meg.

<sup>9</sup> Bort frå meg, alle de som gjer urett! For Herren høyrer min gråt.

<sup>10</sup> Herren lyttar til mitt rop om nåde, Herren tek imot mi bøn.

<sup>11</sup> Alle mine fiendar skal bli til skamme og rista av redsle. Brått skal dei snu seg bort i skam.

## Salmane 7

<sup>1</sup> Ein sjiggajon av David. Han song han for Herren på grunn av benjaminitten Kusj.

<sup>2</sup> Herre, min Gud, eg søker tilflukt hos deg. Frels meg og berg meg frå alle som jagar meg.

<sup>3</sup> Lat dei ikkje riva meg sund som løver og dra meg bort utan at nokon bergar meg.

<sup>4</sup> Herre, min Gud, om eg har fare slik fram at det er urett i mine hender,

<sup>5</sup> om eg har gjort vondt mot min ven og rana min motstandar utan grunn,



<sup>6</sup>så lat fienden jaga meg og nå meg att, trakka mitt liv til jorda og kasta mi ære i støvet. *Sela*

<sup>7</sup>Reis deg, Herre, i din vreide, stå opp mot fiendane som rasar mot meg! Vakna, min Gud, du som stemner til doms.

<sup>8</sup>Lat folka samla seg kring deg, ta ditt sete over dei i det høge!

<sup>9</sup>Herren dømmer folka. Gjev meg min rett, Herre, for eg er rettferdig og heil i mi ferd.

<sup>10</sup>Gjer ende på vondskapen til dei som gjer urett, men lat den rettferdige bli ståande, du som prøver hjarte og nyrer, du rettferdige Gud.

<sup>11</sup>Gud er mitt skjold, han frelser dei ærlege av hjartet.

<sup>12</sup>Gud er ein rettferdig dommar, ein Gud som alltid kan bli harm.

<sup>13</sup>Dersom nokon ikkje vender om, vil han kvessa sverdet, spenna bogen og sikta,

<sup>14</sup>gjera sine drepande våpen klare og setja fyr på sine piler.

<sup>15</sup>Sjå, den som er svanger med urett, har avla ugjerning og føder løgn.

<sup>16</sup>Eit hòl grev han, og han gjer det djupt, men fell sjølv ned i den grava han grov.

<sup>17</sup>Hans ugjerning råkar hans eige hovud, sin eigen råskap får han i skallen.

<sup>18</sup>Eg vil prisa Herren for hans rettferd, lovsyngja namnet til Herren, Den høgste.

## **Salmane 8**

<sup>1</sup>Til korleieren. Etter Gittit. Ein salme av David.

<sup>2</sup>Herre, vår herre, kor herleg ditt namn er over heile jorda, du som har breidd ut din glans på himmelen!

<sup>3</sup>Frå munnen på småborn og spedborn har du reist eit vern mot dei som står imot deg, for å gjera ende på fienden og hemnaren.

<sup>4</sup>Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar, månen og stjernene som du har sett der,

<sup>5</sup>kva er då eit menneske – at du hugsar på det, eit menneskebarn – at du tek deg av det?

<sup>6</sup>Du sette han lite lågare enn Gud og krona han med herlegdom og ære.

<sup>7</sup>Du sette han til herre over det dine hender har skapt, alt la du under hans føter:

<sup>8</sup>småfe og storfe i samla flokk, dei ville dyra på marka,

<sup>9</sup>fuglane under himmelen og fiskane i havet, alt som ferdast på havsens stigar.

<sup>10</sup>Herre, vår herre, kor herleg ditt namn er over heile jorda!

## **Salmane 9**

<sup>1</sup>Til korleiareren. Etter «Mut labbén». Ein salme av David.

<sup>2</sup>Eg vil takka deg, Herre, av heile mitt hjarte. Eg vil fortelja om alle dine under.

<sup>3</sup>Eg vil gleda og fryda meg i deg. Eg vil lovsyngja ditt namn, du Høgste.

<sup>4</sup>Når mine fiendar dreg seg attende, snublar dei og går til grunne framfor deg.

<sup>5</sup>For du har gjeve meg rett i mi sak, du har sett deg på trona, du rettferdige dommar.

<sup>6</sup>Du truga folka og utsletta dei lovause, du strauk namnet deira ut for evig.

<sup>7</sup>Fienden er borte, lagd i ruinar for alltid, byar har du rive opp med rot; minnet om dei er ikkje meir.

<sup>8</sup>Men Herren tronar til evig tid, til dom har han reist si trone.

<sup>9</sup>Han dømmar verda med rettferd, feller rettferdig dom over folka.

<sup>10</sup> Herren er eit vern for dei undertrykte, eit vern når dei er i naud.

<sup>11</sup> Dei som kjenner ditt namn, set si lit til deg. Herre, du forlèt ikkje dei som søkjer deg.

<sup>12</sup> Syng for Herren, han som bur på Sion, fortel om hans gjerningar mellom folka!

<sup>13</sup> Han som straffar drap, gløymer ikkje; han hugsar dei hjelpelauses skrik.

<sup>14</sup> Ver meg nådig, Herre! Sjå kor uvenene mine plagar meg. Du fører meg opp frå dødens portar

<sup>15</sup> så eg kan lovprisa deg i Sions portar. Eg vil jubla over di frelse!

<sup>16</sup> Folka fell i den grava dei grov, føtene blir fanga i garnet dei sjølve spente ut.

<sup>17</sup> Herren gjev seg til kjenne, han kjem med rettferd. I sine eigne gjerningar blir den lovlause fanga. *Higgajon. Sela*

<sup>18</sup> Dei lovlause skal fara til dødsriket, alle folkeslag som gløymer Gud.

<sup>19</sup> Den fattige blir ikkje gløymd for alltid, dei hjelpelause er ikkje for alle tider utan von.

<sup>20</sup> Reis deg, Herre! Lat ikkje menneske få makta, lat folka få sin dom for ditt andlet.

<sup>21</sup> Fyll dei med redsle, Herre! Lat folka skjøna at dei berre er menneske. *Sela*

## **Salmane 10**

<sup>1</sup> Kvifor, Herre, er du så langt borte, kvifor løyner du deg når folk er i naud?

<sup>2</sup> I sitt hovmod jagar dei lovlause den som er hjelpelaus, men dei blir fanga av sine eigne listige knep.

<sup>3</sup> Den lovlause skryter av alt han trår etter, den griske forbannar, ja, foraktar Herren.

<sup>4</sup> Den lovlause set nasen i vêret. «Han krev meg ikkje til rekneskap! Det finst ingen Gud», er alt han tenkjer.

<sup>5</sup> Likevel lukkast han alltid med det han gjer. Det du har fastsett, er for høgt og fjernt for han. Han fnyser forakteleg av alle som står imot han.

<sup>6</sup>Han seier i sitt hjarte: «Eg skal ikkje vakla. Så lenge slekt følgjer slekt, skal ulukka aldri nå meg.»

<sup>7</sup>Munnen hans er full av forbanning, av svik og vald, under tunga gøymer han skade og urett.

<sup>8</sup>Han ligg i bakhald i landsbyane, i løynd drep han den skuldlause. Auga hans speidar etter den som er verjelaus.

<sup>9</sup>Han ligg på lur som ei løve i krattet, der ingen ser han, han ligg på lur så han kan gripa den som er hjelpelaus. Han grip den hjelpelause og dreg han inn i garnet.

<sup>10</sup>Han dukkar seg ned, han krøkjer seg saman, og den verjelause fell for hans overmakt.

<sup>11</sup> «Gud gløymer», seier han til seg sjølv. «Gud løyner sitt andlet og ser aldri.»

<sup>12</sup> Reis deg, Herre! Gud, lyft di hand! Gløym ikkje den som er hjelpelaus!

<sup>13</sup>Kvifor skal den lovlause forakta Gud og seia i sitt hjarte: «Du krev ikkje til rekneskap»?

<sup>14</sup> Du ser både ulukke og sorg, du ser det og tek det i di hand. Den verjelause kan gje seg over til deg, og den farlause – du er hans hjelpar.

<sup>15</sup> Bryt armen på den som er urettferdig og vond! Krev han til rekneskap for hans urett så han ikkje må finnast meir!

<sup>16</sup> Herren er konge til evig tid, framande folk skal ryddast ut av hans land.

<sup>17</sup>Det dei hjelpelause lengtar etter, høyrer du, Herre, du stør deira hjarte, du vender øyra til.

<sup>18</sup>Du hjelper dei farlause og undertrykte til deira rett. Menneske skal ikkje lenger bli drivne ut av landet i frykt.

## **Salmane 11**

<sup>1</sup>Til korleiaren. Ein salme av David.

Hos Herren søkjer eg tilflukt.

Korleis kan de seia til meg:

«Fly opp i fjellet som ein fugl!

<sup>2</sup> For sjå, dei lovause spenner bogen og legg si pil på strengen; i mørkret vil dei skyta på dei ærlege av hjartet.

<sup>3</sup> Når grunnvollane blir rivne bort, kva kan den rettferdige gjera?»

<sup>4</sup> Herren er i sitt heilage tempel, Herren har si trone i himmelen. Auga hans ser, han prøver menneska med sitt blikk.

<sup>5</sup> Herren prøver rettferdige og urettferdige, han hatar dei som elsker vald.

<sup>6</sup> Over dei urettferdige lèt han det regna gloande kol og svovel, gloheit vind får dei i sitt beger.

<sup>7</sup> Rettferdig er Herren, han elsker rettferdige gjerningar. Dei ærlege får sjå hans andlet.

## **Salmane 12**

<sup>1</sup> Til korleiarer. Etter «Den åttande». Ein salme av David.

<sup>2</sup> Frels meg, Herre! Dei trugne er borte. Det finst ikkje trufaste menneske meir.

<sup>3</sup> Alle talar løgn med sin neste, dei snakkar med glatte lepper og delt hjarte.

<sup>4</sup> Herren skal rydda ut alle glatte lepper, kvar tunge som talar store ord,

<sup>5</sup> dei som seier: «I tunga ligg vår makt, vi har leppene med oss. Kven er herre over oss?»

<sup>6</sup> «Dei hjelpelause blir undertrykte, og dei fattige stønnar, difor vil eg reisa meg», seier Herren. «Eg vil berga den som blir forakta.»

<sup>7</sup> Herrens ord er reine ord, sølv lutra i smelteomnen, sju gonger reinsa.

<sup>8</sup> Du, Herre, vil vara dei, verna dei mot denne slekt for alltid

<sup>9</sup> når lovause er på ferde overalt og det usle får makta mellom folk.

## **Salmane 13**

<sup>1</sup>Til korleiaren. Ein salme av David.

<sup>2</sup>Kor lenge, Herre? Vil du gløyma meg for alltid? Kor lenge vil du gøyma andletet for meg?

<sup>3</sup>Kor lenge skal eg ha uro i sjela og sorg i hjartet dagen lang? Kor lenge skal fienden ha makt over meg?

<sup>4</sup>Sjå meg! Svar meg, Herre, min Gud! Gje auga mine lys så eg ikkje sovnar inn i døden,

<sup>5</sup>så fienden min ikkje seier: «Eg har vunne over han», og mine motstandarar ikkje jublar når eg vaklar.

<sup>6</sup>Men eg set mi lit til di miskunn, mitt hjarte skal jubla over di frelse. Eg vil syngja for Herren, for han har gjort godt mot meg.

### **Salmane 14**

<sup>1</sup> Til korleiaren. Av David. Døren seier i sitt hjarte: «Det finst ingen Gud.» Vondt og avskyeleg er alt dei gjer, det finst ingen som gjer det gode.

<sup>2</sup> Frå himmelen ser Herren ned til menneska for å sjå om det finst nokon som er vis, nokon som søker Gud.

<sup>3</sup> Alle har vendt seg bort, alle som ein er forderva. Det finst ingen som gjer det gode, ikkje ein einaste.

<sup>4</sup> Skjønar dei då ingen ting, alle dei som gjer urett? Dei et opp folket mitt som om dei et brød, og kallar ikkje på Herren.

<sup>5</sup> Då skal dei råkast av redsle, for Gud er med den rettferdige slekta.

<sup>6</sup> Knus berre planen til den hjelpelause! For Herren er hans tilflukt.

<sup>7</sup> Måtte frelse koma til Israel frå Sion! Når Herren vender lagnaden for sitt folk, skal Jakob jubla og Israel gleda seg.

### **Salmane 15**

<sup>1</sup> Ein salme av David. Herre, kven kan halda til i ditt telt, kven får bu på ditt heilage fjell?

- <sup>2</sup> Den som gjer rett og er heil i si ferd og talar sanning frå hjartet.
- <sup>3</sup> Han svertar ingen med tunga, valdar ikkje nesten sin skade og fører ikkje vanære over sin granne.
- <sup>4</sup> Han ser med forakt på den som er vraka. Han ærar dei som fryktar Herren. Han bryt ikkje eiden han har svore, sjølv om det blir til det vonde for han sjølv.
- <sup>5</sup> Han tek ikkje renter når han låner ut pengar. Han lèt seg ikkje kjøpa til skade for ein skuldfri. Den som lever slik, skal aldri vakla.

## **Salmane 16**

- <sup>1</sup> Ein miktam. Av David. Verna meg, Gud, for eg søkjer tilflukt hos deg.
- <sup>2</sup> Eg seier til Herren: «Du er min Herre, alt godt har eg i deg.» Usle er dei
- <sup>3</sup> ein held for heilage i landet. Desse veldige vil eg ikkje vita av.
- <sup>4</sup> Dei som spring etter andre gudar, vil få mange plager. Eg vil ikkje renna ut blodoffer for dei og ikkje ha deira namn på mine lepper.
- <sup>5</sup> Herre, du er min del og mitt beger. Du held min lut i dine hender.
- <sup>6</sup> Fruktbar jord vart målt opp til meg, ein herleg eigedom vart min.
- <sup>7</sup> Eg velsignar Herren, som leier meg, jamvel om natta får eg råd frå mitt indre.
- <sup>8</sup> Alltid har eg Herren framfor meg. Han er ved mi høgre side, eg skal ikkje vakla.
- <sup>9</sup> Difor er det glede i mitt hjarte, og mitt inste jublar, jamvel kroppen kan slå seg til ro.
- <sup>10</sup> Du gjev ikkje mi sjel over til dødsriket, du lèt ikkje din trufaste tenar sjå grava.
- <sup>11</sup> Du lærer meg livsens veg, hos deg er glede i overflod, fagnad utan ende ved di høgre hand.

## **Salmane 17**

<sup>1</sup> Ei bøn av David.

Høyr, Herre, lat mi rettferd tala,  
lytt til mi bøn, høyr når eg ropar,  
leppene mine er utan svik.

<sup>2</sup>Frå deg må retten min koma, dine auge ser jo kva som er rett!

<sup>3</sup>Prøv mitt hjarte, gransk det om natta, prøv meg med eld! Du finn ikkje noko skammeleg hos meg. Min munn syndar ikkje.

<sup>4</sup>Kva menneska enn gjorde, vakta eg meg for vegen valdsmenn går, etter ditt ord.

<sup>5</sup>Stødig gjekk eg i dine spor, føtene vakla ikkje.

<sup>6</sup>Gud, eg ropar til deg, du som svarar. Vend øyret til meg og høyr mine ord!

<sup>7</sup>Vis di underfulle miskunn! Du frelser dei som flyr frå fiendar og søker tilflukt ved di høgre hand.

<sup>8</sup>Vakta meg som din augnestein, gøym meg i skuggen av dine venger

<sup>9</sup>for lovause som plyndrar meg, for dødsfiendar som kringset meg.

<sup>10</sup>Sitt harde hjarte har dei late att, med munnen talar dei hovmodige ord.

<sup>11</sup>No omringar dei oss kvar vi går, dei tenkjer å slå meg til jorda.

<sup>12</sup>Han liknar ei rovgrisk løve, ei ungløve som ligg på lur.

<sup>13</sup>Reis deg, Herre! Gå imot han og tving han i kne! Fri meg frå den lovause med ditt sverd,

<sup>14</sup>Herre, fri meg frå menneske med di hand, frå menneske i verda som har fått si løn i livet. Fyll magen deira med det du har tiltenkt dei, så sønene blir mette og lèt resten gå til sine born!

<sup>15</sup>Men frikjend skal eg få sjå ditt andlet. Når eg vaknar, skal eg mettast ved synet av deg.

## **Salmane 18**



- <sup>1</sup>Til korleiareren. Av Herrens tenar David, som sa fram orda i denne songen for Herren då Herren hadde berga han frå alle fiendane hans og frå Saul.
- <sup>2</sup>Han sa: Herre, du min styrke, eg har deg kjær.
- <sup>3</sup>Herren er mitt berg og mi borg og min utfriar, min Gud er fjellet der eg søker tilflukt. Han er mitt skjold og mi frelse, min styrke og mitt vern.
- <sup>4</sup>Eg ropa til Herren, han som får lovsong, og eg vart frelst frå mine fiendar.
- <sup>5</sup>Dødens band snørte seg om meg, malstraumane skremde meg.
- <sup>6</sup>Dødsrikets band vart spente om meg, dødens snarer venta meg.
- <sup>7</sup>I mi naud kalla eg på Herren, eg ropa til min Gud. Han hørde meg frå sitt tempel, mitt rop nådde hans øyre.
- <sup>8</sup>Då skalv og skaka jorda, grunnvollane under fjella riste, dei skalv fordi han var harm.
- <sup>9</sup>Røyk steig opp or hans nase, øydande eld or hans munn, gneistar loga opp frå han.
- <sup>10</sup>Han bøygde himmelen og steig ned, under føtene hans var mørke skyer.
- <sup>11</sup>Han reid på kjeruben, han flaug og stupte ned på vindens venger.
- <sup>12</sup>Han gjorde mørkret til si gøymsle, eit telt av svarte, regntunge skyer.
- <sup>13</sup>Frå stråleglansen framfor han fór hagl, or skyene kom gloande kol.
- <sup>14</sup>Herren torna i himmelen, Den høgste lét røysta lyda. Hagl og gloande kol!
- <sup>15</sup>Han skaut sine piler og spreidde dei, han skremde dei med lyn.
- <sup>16</sup>Rennene på havbotnen kom til syne, grunnvollane under jorda viste seg då du truga, Herre, då du fnyste av vreide.
- <sup>17</sup>Han rette ut handa frå det høge og greip meg, drog meg opp or veldige vatn.
- <sup>18</sup>Han berga meg frå min mektige fiende då dei som hata meg, var for sterke.
- <sup>19</sup>På ulukkedagen kom dei imot meg, men Herren var mi støtte.

- 20 Han førte meg ut i ope land og fria meg ut, for han si har glede i meg.
- 21 Herren gav meg att for mi rettferd, han lønte meg, for mine hender var reine.
- 22 Eg hadde halde meg til Herrens vegar og ikkje gjort meg skuldig i urett mot min Gud.
- 23 Alle hans lover hadde eg for auga, hans forskrifter støytt eg ikkje frå meg.
- 24 For han var eg heil i mi ferd, eg akta meg vel for å synda.
- 25 Herren lønte meg for mi rettferd då han såg at hendene mine var reine.
- 26 Du er trufast mot den som er tru og heilhjarta mot den som er heil.
- 27 Du viser deg rein mot den som er rein, men vrang mot den som fer med svik.
- 28 Du frelser eit folk i naud, men audmjukar stolte auge.
- 29 Herre, du tenner mi lampe, min Gud lyser opp mitt mørker.
- 30 Med deg kan eg storma mot ein krigarflokk, med Guds hjelp kan eg springa over murar.
- 31 Guds veg er fullkomen, Herrens ord er reint. Han er eit skjold for alle som søker tilflukt hos han.
- 32 For kven er Gud om ikkje Herren, kven er eit berg om ikkje vår Gud,
- 33 den Gud som kler meg i styrke og gjer mi ferd heil.
- 34 Han gjev meg føter som ei hind og lèt meg stå på høgdene.
- 35 Han lærer opp hendene mine til krig, armane spenner bogen av bronse.
- 36 Du gjev meg di frelse til skjold, med di høgre hand stør du meg. Du bøyer deg ned og gjer meg stor.
- 37 Du opnar veg for mine steg, anklane mine vaklar ikkje.
- 38 Eg jagar mine fiendar og tek dei att, eg snur ikkje før eg har gjort ende på dei.

- <sup>39</sup>Eg knuser dei så dei ikkje kan reisa seg, men ligg falne under mine føter.
- <sup>40</sup>Du kler meg med styrke til krigen og tvingar mine motstandarar i kne.
- <sup>41</sup>Du slår mine fiendar på flukt, eg utryddar dei som hatar meg.
- <sup>42</sup> Dei ropar, men det er ingen frelsar, dei ropar til Herren, men han svarar dei ikkje.
- <sup>43</sup>Eg knuser dei til støv for vinden, eg trakkar dei ned som søle i gata.
- <sup>44</sup>Du bergar meg frå folk i strid. Du set meg til hovding over folkeslag. Folk eg ikkje kjende, må tena meg.
- <sup>45</sup>Dei lyder berre dei høyrer om meg. Framande kryp for meg.
- <sup>46</sup> Dei framande visnar, skjelvande kjem dei ut or sine borger.
- <sup>47</sup>Herren lever! Velsigna er mitt berg! Opphøgd er Gud, min frelsar,
- <sup>48</sup> Gud lèt meg få hemn, han legg folkeslag under meg.
- <sup>49</sup>Han friar meg frå mine fiendar. Du lyfter meg over dei som står imot meg, og bergar meg frå valdsmenn.
- <sup>50</sup> Difor vil eg prisa deg mellom folka, Herre, og lovsyngja ditt namn.
- <sup>51</sup> Han gjev sin konge store sigrar, han viser miskunn mot den han har salva, mot David og hans ætt til evig tid.

## **Salmane 19**

- <sup>1</sup>Til korleiaren. Ein salme av David.
- <sup>2</sup>Himmelen kunngjer Guds ære, kvelven fortel om det hans hender har gjort.
- <sup>3</sup>Dagen lèt sin tale strøyma til neste dag, natt gjev sin kunnskap til natt.
- <sup>4</sup>Det er ikkje tale og ikkje ord. Stemmene kan ikkje høyrast.
- <sup>5</sup>Men dei når ut over heile jorda, orda når dit verda endar. I himmelen har han reist eit telt for sola,
- <sup>6</sup>lik ein brudgom går ho ut av sitt kammer. Ho gler seg som ein helt til å springa i sin bane.

<sup>7</sup>Ho gjer sin rundgang frå himmelrand til himmelrand, ingen ting er løynd for hennar glød.

<sup>8</sup>Herrens lov er fullkomen, ho gjer livet nytt. Herrens vitnemål står fast, det gjer den uvitande vis.

<sup>9</sup>Herrens påbod er rette, dei gjer hjartet glad. Herrens bod er klårt, det gjev auga lys.

<sup>10</sup>Frykta for Herren er rein, ho varer til evig tid. Herrens dommar er sanne, rettferdige er dei alle.

<sup>11</sup>Dei er meir verde enn gull, skinande gull i mengd, dei er søtare enn honning, ny og rennande honning.

<sup>12</sup>Gjennom dei får din tenar åtvaring. Det gjev stor løn å halda dei.

<sup>13</sup>Kven kjenner sine eigne feilsteg? Frikjenn meg for dei eg ikkje veit om.

<sup>14</sup>Spar din tenar for hovmod, lat det ikkje få meg i si makt! Då er eg heil og fri for store synder.

<sup>15</sup>Måtte orda frå min munn og tankane i mitt hjarte vera til glede for deg, Herre, min utløysar og mitt berg!

## **Salmane 20**

<sup>1</sup>Til korleiaren. Ein salme av David.

<sup>2</sup>Måtte Herren svara deg den dagen du er i naud! Måtte namnet til Jakobs Gud verna deg.

<sup>3</sup>Måtte han senda hjelp frå heilagdomen og gje deg støtte frå Sion.

<sup>4</sup>Måtte han minnast alle dine gåver og ta imot ditt brennoffer. *Sela*

<sup>5</sup>Måtte han gje deg det hjartet ditt ønskjer, og oppfylla alle dine planar,

<sup>6</sup>så vi kan jubla over di frelse og lyfta banneret i vår Guds namn. Måtte Herren oppfylla alle dine bønner!

<sup>7</sup>No veit eg at Herren bergar den han har salva. Han svarar han frå sin heilage himmel, gjer storverk og frelser med si høgre hand.

<sup>8</sup> Somme lit på vogner og somme på hestar, vi lit på namnet til Herren vår Gud.

<sup>9</sup> Dei sig i kne og fell, men vi reiser oss og held oss rake.

<sup>10</sup> Herre, frels! Måtte kongen svare oss den dagen vi ropar.

## **Salmane 21**

<sup>1</sup> Til korleiaren. Ein salme av David.

<sup>2</sup> Herre! Kongen gler seg over di makt. Høgt jublar han over di frelse.

<sup>3</sup> Det hans hjarte ønskte, har du gjeve han, du har ikkje nekta han det hans lepper bad om. *Sela*

<sup>4</sup> Du møter og velsignar han med det som godt er, og set ei krone av reint gull på hans hovud.

<sup>5</sup> Han bad deg om liv, du gav han levedagar som aldri tek slutt.

<sup>6</sup> Stor er hans ære, for du frelser han, høgd og herlegdom gjev du han.

<sup>7</sup> Frå deg får han evig velsigning, du fyller han med fryd når du er nær.

<sup>8</sup> For kongen set si lit til Herren. Han vaklar ikkje, for Den høgste er trufast.

<sup>9</sup> Di hand skal nå alle dine fiendar, di høgre hand skal nå dei som hatar deg.

<sup>10</sup> Du gjer dei til ein logande omn når du syner deg. Herren skal sluka dei i sin vreide og elden eta dei opp.

<sup>11</sup> Deira frukt skal du rydda ut frå jorda, deira ætt blant menneskeborna.

<sup>12</sup> Når dei legg vonde planar mot deg og tenkjer på svik, skal dei ikkje lukkast.

<sup>13</sup> Du får dei til å rømma, du spenner bogen mot dei.

<sup>14</sup> Ver opphøgd, Herre, i di makt! Vi vil spela og syngja om dine storverk.

## **Salmane 22**

<sup>1</sup> Til korleiaren. Etter «Morgonrødens hind». Ein salme av David.

<sup>2</sup> Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg? Kvifor er du så langt borte når eg treng hjelp og skrik ut mi naud?

- <sup>3</sup> Min Gud, eg ropar om dagen, men du svarar ikkje, eg ropar om natta og finn ikkje ro.
- <sup>4</sup> Men du er Den heilage, som tronar over Israels lovsong.
- <sup>5</sup> Til deg sette fedrane si lit, dei leit på deg, og du fria dei ut.
- <sup>6</sup> Dei ropa til deg og vart berga, dei leit på deg og vart ikkje til skamme.
- <sup>7</sup> Men eg er ein makk og ikkje ein mann, spotta av menneske, forakta av folk.
- <sup>8</sup> Alle som ser meg, håner meg, vregjer leppene og rister på hovudet:
- <sup>9</sup> «Han har gjeve seg over til Herren, lat han fria han ut og berga han, han har då glede i han!»
- <sup>10</sup> Du drog meg fram frå mors liv, du gjorde meg trygg ved hennar bryst.
- <sup>11</sup> Frå eg vart fødd, er eg kasta på deg, frå mors liv er du min Gud.
- <sup>12</sup> Ver ikkje langt borte frå meg, for trengsla er nær, og det finst ingen som hjelper.
- <sup>13</sup> Store oksar samlar seg om meg, stutar frå Basan flokkar seg rundt meg.
- <sup>14</sup> Dei spilar opp gapet mot meg lik ei løve som brøler og riv sund.
- <sup>15</sup> Eg renn bort som vatn, alle mine bein har losna. Hjartet er som voks, det smeltar inni meg.
- <sup>16</sup> Munnen er tørr som eit potteskar, tunga er klistra til ganen. Du legg meg ned i dødens støv.
- <sup>17</sup> Hundar samlar seg om meg, ein flokk av valdsmenn kringset meg. Dei gjennomborar mine hender og føter.
- <sup>18</sup> Kvart bein i kroppen kan eg telja. Dei stirer, dei ser på meg.
- <sup>19</sup> Dei deler kleda mine mellom seg og kastar lodd om kappa.
- <sup>20</sup> Men du, Herre, ver ikkje langt borte; min styrke, skund deg og hjelp meg!
- <sup>21</sup> Berg mitt liv frå sverdet, det einaste eg har, frå hundars vald!
- <sup>22</sup> Redd meg frå løvegap! Du har berga meg frå villoksars horn.

<sup>23</sup> Eg vil fortelja mine brør om ditt namn. Midt i forsamlinga vil eg lovprisa deg.

<sup>24</sup> De som fryktar Herren, lov han! Heile Jakobs ætt, gjev han ære! Ha age for han, heile Israels ætt!

<sup>25</sup> For han har ikkje forakta den som er hjelpelaus, og ikkje vendt ryggen til den som lid. Han løynde ikkje andletet, men hørde då han ropa om hjelp.

<sup>26</sup> I den store forsamlinga kjem min lovsong frå deg. Mine lovnader vil eg halda mellom dei som fryktar han.

<sup>27</sup> Dei hjelpelause skal eta og bli mette, dei som søkjer Herren, skal lova han. Måtte hjartet deira alltid leva!

<sup>28</sup> Heile jorda skal minnst dette og venda om til Herren. Alle folk og slekter skal tilbe han.

<sup>29</sup> For kongeveldet høyrer Herren til, han herskar over folka.

<sup>30</sup> Alle mektige på jord skal tilbe han, alle som stig ned i støvet, skal bøya kne for hans andlet. Men eg lever for han.

<sup>31</sup> Mi ætt skal tena han. Dei skal fortelja om Herren til komande slekter

<sup>32</sup>og kunngjera for eit folk som skal fødst, at han har vist si rettferd.

## **Salmane 23**

<sup>1</sup> Ein salme av David. Herren er min hyrding, eg manglar ikkje noko.

<sup>2</sup>Han lèt meg liggja i grøne enger, han fører meg til vatn der eg finn kvile.

<sup>3</sup> Han gjev meg nytt liv. Han leier meg på rettferds stigar for sitt namn skuld.

<sup>4</sup>Om eg så går i dødsskuggens dal, er eg ikkje redd for noko vondt. For du er med meg. Din kjepp og din stav, dei trøystar meg.

<sup>5</sup>Du dukar bord for meg framfor mine fiendar. Du salvar mitt hovud med olje. Mitt beger renn over.

<sup>6</sup>Berre godleik og miskunn skal følgja meg alle mine dagar, og eg skal bu i Herrens hus gjennom alle tider.

## Salmane 24

<sup>1</sup> Ein salme av David. Jorda og det som fyller henne, høyrer Herren til, verda og dei som bur der, er hans.

<sup>2</sup> For han har grunnlagt jorda på havet, grunnfest henne på strøymande vatn.

<sup>3</sup> «Kven kan gå opp på Herrens fjell, kven får stå på hans heilage stad?»

<sup>4</sup> «Den som har skuldfrie hender og eit reint hjarte, som ikkje lengtar etter løgn og ikkje gjer falsk eid.

<sup>5</sup> Han blir velsigna av Herren og får rettferd frå Gud, sin frelsar.»

<sup>6</sup> «Dette er ei slekt som spør etter han, som søkjer ditt andlet, Jakobs Gud.» *Sela*

<sup>7</sup> «Lyft dykkar hovud, de portar, ja, lyft dykk, de eldgamle dører, så kongen, den herlege, kan koma inn!»

<sup>8</sup> «Kven er då kongen, den herlege?» «Herren, sterk og mektig, Herren, mektig i strid.»

<sup>9</sup> «Lyft dykkar hovud, de portar, ja, lyft dykk, de eldgamle dører, så kongen, den herlege, kan koma inn!»

<sup>10</sup> «Kven er han då, kongen, den herlege?» «Herren Sebaot, han er kongen, den herlege.» *Sela*

## Salmane 25

<sup>1</sup> Av David.

*Alef*

א

Herre, eg lyfter mi sjel til deg.

*Bet*

ב

<sup>2</sup> Min Gud, til deg set eg mi lit. Lat meg ikkje bli til skamme, lat ikkje fienden fryda seg over meg!

*Gimel*



λ

<sup>3</sup>For ingen som set si von til deg, skal bli til skamme, til skamme blir dei trulause, med sine tomme hender.

Dalet

ṭ

<sup>4</sup>Herre, lat meg kjenna dine vegar. Lær meg dine stigar!

He

ḥ

<sup>5</sup>Lat meg få vandra i di sanning, lær meg, for du er Gud, min frelsar! Til deg set eg alltid mi von.

Zajin

z

<sup>6</sup>Herre, kom i hug di miskunn og din kjærleik, som er frå evig tid.

Het

ḥ

<sup>7</sup>Kom ikkje i hug min ungdoms feilsteg og synder! Kom meg i hug i di miskunn, Herre, for du er god.

Tet

ṭ

<sup>8</sup>Herren er god og rettvis, difor viser han syndarar vegen.

Jod

y

<sup>9</sup>Han lèt dei hjelpelause ferdast rett og lærer dei sin veg.

Kaf

k

<sup>10</sup>Alle Herrens stigar er miskunn og truskap mot dei som held hans pakt og hans bod.

Lamed

l

<sup>11</sup>For ditt namn skuld, Herre, tilgjev mi synd, for ho er stor!

Mem

נ

12 Kvar den som fryktar Herren, lærer av han den veg han skal velja.

*Nun*

נ

13 Sjølv skal han leva i lukke, og ætta hans skal arva landet.

*Samek*

ס

14 Herren talar fortruleg med dei som fryktar han, han gjer dei kjende med si pakt.

*Ajin*

ע

15 Mine auge er alltid vende mot Herren, for han dreg mine føter ut or garnet.

*Pe*

פ

16 Vend deg til meg og ver meg nådig, for eg er einsam og hjelpelaus.

*Tsade*

צ

17 Ta bort det som tyngjer mitt hjarte, før meg ut av mine trengsler!

18 Sjå mi naud og mitt strev og tilgjev all mi synd!

*Resj*

ר

19 Sjå mine fiendar, kor mange dei er! Dei hatar meg med eit nådelaust hat.

*Sjin*

ש

20 Vern mitt liv og berg meg, lat meg ikkje bli til skamme, for eg søker tilflukt hos deg.

*Taw*

ת

21 Lat uskuld og rettsinn verna meg, for eg set mi von til deg!

22 Gud, fri Israel ut frå alle deira trengsler!

## Salmane 26

- <sup>1</sup> Av David. Gjev meg min rett, Herre! For eg har gått fram utan skuld. Eg set mi lit til Herren og vaklar ikkje.
- <sup>2</sup> Prøv meg, Herre, gransk meg nøye, prøv hjarte og nyrer som med eld!
- <sup>3</sup> For di miskunn har eg hatt for auge, eg har ferdast i di sanning.
- <sup>4</sup> Eg set meg ikkje med løgnarar og går ikkje inn til falske folk.
- <sup>5</sup> Eg hatar forsamlinga av valdsmenn og sit ikkje saman med lovlause.
- <sup>6</sup> Eg vaskar mine hender i uskuld, Herre, så eg kan gå omkring ditt altar
- <sup>7</sup> medan eg lèt mi lovsongsrøyst lyda og fortel om alle dine under.
- <sup>8</sup> Herre, eg elsker din bustad, staden der din herlegdom bur.
- <sup>9</sup> Riv meg ikkje bort med syndarar så eg mistar livet saman med drapsmenn.
- <sup>10</sup> Dei har udåd i hendene, høgre hand er full av stikkpengar.
- <sup>11</sup> Men eg fer fram utan skuld. Løys meg ut og ver meg nådig!
- <sup>12</sup> Min fot står på jamn grunn. Der folk samlast, skal eg velsigna Herren.

## Salmane 27

- <sup>1</sup> Av David. Herren er mitt lys og mi frelse, kven skulle eg ottast? Herren er eit vern for mitt liv, kven skulle eg frykta?
- <sup>2</sup> Når valdsmenn og fiendar nærmar seg or å sluka meg, då snublar dei og fell dei sjølve.
- <sup>3</sup> Om ein hær vil slå leir mot meg, er mitt hjarte utan frykt. Om krigen trugar, endå er eg trygg.
- <sup>4</sup> Eitt bed eg Herren om, dette ønskjer eg: å få bu i Herrens hus alle mine dagar, så eg kan sjå Herrens venleik og vera i hans tempel.
- <sup>5</sup> Han gøymer meg i si hytte på den vonde dagen. Han løyner meg i sitt telt. På berget lyfter han meg opp.

<sup>6</sup>No ragar mitt hovud høgt over fienden ikring meg. Med jubel vil eg bera fram offer i hans telt. Eg vil syngja og spela for Herren.

<sup>7</sup>Høyr, Herre! Eg ropar høgt. Ver meg nådig og svar meg!

<sup>8</sup>Eg kjem i hug at du har sagt: «De skal søkja mitt andlet.» Ditt andlet søker eg, Herre.

<sup>9</sup>Løyn ikkje andletet for meg! Vis ikkje din tenar bort i vreide, du som har vore mi hjelp. Gud, min frelsar, støyt meg ikkje frå deg, forlat meg ikkje.

<sup>10</sup>Om far og mor forlèt meg, vil Herren ta imot meg.

<sup>11</sup> Herre, lær meg din veg og lei meg på jamne stigar, for eg er omgjeven av fiendar.

<sup>12</sup>Gjev meg ikkje over til grådige fiendar! For falske vitne står opp imot meg, menn som trugar med vald.

<sup>13</sup> Men eg er viss på at eg skal sjå kor god Herren er, her i livsens land.

<sup>14</sup> Set di von til Herren! Ver frimodig og sterk, ja, set di von til Herren!

## **Salmane 28**

<sup>1</sup> Av David. Til deg, Herre, ropar eg. Mitt berg, tei ikkje, vend deg ikkje frå meg! Svarar du meg ikkje, blir eg lik dei som har gått i grav.

<sup>2</sup> Høyr mi bøn når eg ropar til deg om hjelp, når eg lyfter hendene mine mot Det høgheilage i ditt tempel.

<sup>3</sup> Riv meg ikkje bort med dei skuldige, med dei som gjer urett. Dei talar venleg med sin neste, men har vondskap i hjartet.

<sup>4</sup> Gjev dei att for det dei har gjort, for deira vonde handlingar! Gjev dei att for det hendene deira har gjort! Lat dei få det dei fortener!

<sup>5</sup> For dei kjenner ikkje Herrens gjerningar, det han gjer med sine hender. Han skal riva dei ned og ikkje byggja dei opp att!

<sup>6</sup> Velsigna er Herren, for han høyrer mi bøn!

<sup>7</sup> Herren er mitt vern og mitt skjold, mitt hjarte sette si lit til han, og eg fekk hjelp. Hjartet jubla, med song vil eg prisa han.

<sup>8</sup> Herren er eit vern for sitt folk, ei tilflukt som bergar den han har salva.

<sup>9</sup> Frels ditt folk og velsigna din eigedom! Ver du deira hyrding og ber dei alltid!

## **Salmane 29**

<sup>1</sup> Ein salme av David. Gudesøner, gjev Herren ære! Gjev Herren ære og makt.

<sup>2</sup> Gjev Herren den ære hans namn skal ha, bøy dykk for Herren i heilag prakt!

<sup>3</sup> Herrens røyst lyder over vatnet, den herlege Gud lèt tora slå, Herren, over veldige vatn.

<sup>4</sup> Herrens røyst lyder med velde, Herrens røyst lyder med herlegdom.

<sup>5</sup> Herrens røyst knekkjer sedrar, Herren splintrar sedrane på Libanon.

<sup>6</sup> Han får Libanon-fjellet og Sirjon-fjellet til å hoppa som kalvar og som ville oksar.

<sup>7</sup> Herrens røyst spreier logande eld.

<sup>8</sup> Herrens røyst får ørkenen til å skjelva, Herren får Kadesj-ørkenen til å skjelva.

<sup>9</sup> Herrens røyst får hindene til å kalva, ho gjer skogane snaue. Alt i hans tempel ropar: «Ære!»

<sup>10</sup> Herren tronar over himmelhavet, Herren skal trona som konge for alltid.

<sup>11</sup> Herren gjev folket sitt kraft, Herren velsignar folket sitt med fred.

## **Salmane 30**

<sup>1</sup> Ein salme. Ein song til tempelvigsla. Av David.

<sup>2</sup> Eg opphøgjer deg, Herre, for du drog meg opp, du lèt ikkje fienden fryda seg over meg.

<sup>3</sup> Herre, min Gud, eg ropa til deg, og du lækte meg.

<sup>4</sup> Herre, du førte mi sjel opp frå dødsriket, du gav meg liv på nytt då eg var i grava.

<sup>5</sup> Spel for Herren, de hans trugne, pris hans heilage namn!

<sup>6</sup> Ein augneblink varer hans vreide, heile livet varer hans nåde. Om kvelden kjem gråt som gjest, om morgonen blir det gledesong.

<sup>7</sup> Eg kjende meg trygg og sa: «Aldri skal eg vakla!»

<sup>8</sup> Herre, i din velvilje sette du meg på fast fjell; men så løynde du ditt andlet, eg vart gripen av redsle.

<sup>9</sup> Til deg, Herre, ropa eg, eg bad til Herren om nåde:

<sup>10</sup> «Kva tener det til at blodet renn, at eg går i grav? Kan vel støvet prisa deg? Kan det forkynna din truskap?

<sup>11</sup> Høyr meg, Herre, ver meg nådig! Herre, ver mi hjelp!»

<sup>12</sup> Du vende mi dødsklage til dans, du tok sekkestrien av meg og kledde meg i glede.

<sup>13</sup> Difor syng eg din pris og er ikkje stille. Herre, min Gud, eg vil alltid prisa deg.

## **Salmane 31**

<sup>1</sup> Til korleiaren. Ein salme av David.

<sup>2</sup> Herre, eg søker tilflukt hos deg, lat meg aldri bli til skamme! Fri meg ut i di rettferd!

<sup>3</sup> Vend øyret til meg, skund deg og redd meg! Ver meg eit vern og eit berg, ei borg til frelse!

<sup>4</sup> Du er mitt fjell og mi borg; for ditt namn skuld fører og leier du meg.

<sup>5</sup> Løys meg or garnet dei har spent ut for meg! For du er mi tilflukt.

<sup>6</sup> I dine hender gjev eg mi ånd, du løyser meg ut, Herre, du trufaste Gud.

<sup>7</sup> Eg hatar dei som held seg til vind og fåfengd. Sjølv set eg mi lit til Herren.

- <sup>8</sup>Eg vil jubla av glede over di miskunn fordi du har sett mi naud, du kjenner mi trengsle.
- <sup>9</sup>Du gav meg ikkje over i handa til fienden, men førte meg ut i ope land.
- <sup>10</sup>Ver meg nådig, Herre, for eg er i naud. Auget sløvest av bitter sorg, pust og kropp svinn bort.
- <sup>11</sup>Livet mitt endar i sorg, åra mine i klage. Min styrke sviktar på grunn av mi skuld, beina i kroppen svinn.
- <sup>12</sup>Eg blir til spott for fienden, til hån for grannane, ei redsle for dei som kjenner meg, dei som ser meg på gata, vik unna.
- <sup>13</sup>Som ein død er eg gløymd av menneske, lik eit kar som er kasta bort.
- <sup>14</sup>For eg høyrer mange som kviskrar – å, redsle på alle kantar! – når dei samlar seg mot meg og legg planar om å ta mitt liv.
- <sup>15</sup>Men eg set mi lit til deg, Herre, eg seier: «Du er min Gud.»
- <sup>16</sup>Mine tider er i di hand, fri meg frå fiendar som jagar meg!
- <sup>17</sup>Lat ditt andlet lysa over din tenar, frels meg i di miskunn!
- <sup>18</sup>Herre, lat meg ikkje bli til skamme, for eg ropar til deg. Lat dei urettferdige stå med skam og gå stille til dødsriket!
- <sup>19</sup>Lat lygande lepper tagna, dei som talar frekt mot den rettferdige med hovmod og forakt.
- <sup>20</sup>Kor stor di miskunn er, som du har spart til dei som fryktar deg! Rett framfor menneske har du vist di miskunn mot dei som søker tilflukt hos deg.
- <sup>21</sup>Hos deg finn dei vern mot overgrep frå menneske. Du gøymer dei i di hytte for tunger som kjem med klagemål.
- <sup>22</sup>Velsigna er Herren som gjer under! Han viste meg miskunn i ein kringsett by.
- <sup>23</sup>Eg sa i min angst: «Eg er støytt bort frå dine auge.» Men du hørde mi bøn då eg ropa til deg.

<sup>24</sup> Elsk Herren, alle hans trugne! Herren vernar dei trufaste, men den hovmodige gjev han att i fullt mål.

<sup>25</sup> Ver modige og sterke, alle de som ventar på Herren!

## **Salmane 32**

<sup>1</sup> Av David. Ein læresalme. Sæl er den som får sine brot tilgjevne og sine synder tildekte!

<sup>2</sup> Sælt er det mennesket som Herren ikkje tilreknar skuld, som i si ånd er utan svik.

<sup>3</sup> Så lenge eg tagde, tærttest beina i kroppen bort medan eg stønna heile dagen.

<sup>4</sup> For dag og natt låg di hand tungt på meg. Mi livssaft svann som i heten om sommaren. *Sela*

<sup>5</sup> Då sanna eg mi synd for deg, og mi skuld dekte eg ikkje over. Eg sa: «Eg vil sanna mine brot for Herren.» Og du tok bort mi syndeskuld. *Sela*

<sup>6</sup> Difor skal alle trugne be til deg i tider med trengsle. Om det kjem ein veldig flaum, skal vatnet ikkje nå dei.

<sup>7</sup> Du skjermar meg, du vernar meg mot naud, med frelsejubel omgjev du meg. *Sela*

<sup>8</sup> Eg vil gjera deg vis og læra deg den vegen du skal gå, eg vil la mitt auge kvila på deg og gje deg råd.

<sup>9</sup> Ver ikkje lik hest og muldyr, utan vit! Deira prydnad er taum og beksel til å tvinga dei med, elles kjem dei ikkje til deg.

<sup>10</sup> Den urettferdige har mange plager, men den som set si lit til Herren, kransar han med miskunn.

<sup>11</sup> Gled dykk i Herren og jubla, de rettferdige! Bryt ut i fagnadrop, alle de ærlege av hjartet!

## **Salmane 33**



- <sup>1</sup> Rop av fryd for Herren, de rettferdige! Det er rett at dei rettskafne syng lovsong.
- <sup>2</sup> Pris Herren til lyre, spel for han på tistrengja harpe!
- <sup>3</sup> Syng ein ny song for han, spel vakkert og rop med jubel!
- <sup>4</sup> For Herrens ord er sant, alt han gjer, kan ein lita på.
- <sup>5</sup> Han elsker rettferd og rett, jorda er full av Herrens miskunn.
- <sup>6</sup> Ved Herrens ord vart himmelen skapt, heile himmelhæren ved pusten frå hans munn.
- <sup>7</sup> Han samla havvatnet som i eit kar, la havsens djup i forråd.
- <sup>8</sup> Heile verda må frykta Herren, alle som bur på jorda, må skjelva for han.
- <sup>9</sup> Han tala, og det skjedde, han baud, og det stod der.
- <sup>10</sup> Herren skiplar rådet folka legg, bryt planane folkeslag tenkjer ut.
- <sup>11</sup> Herrens råd står fast for alltid, hans hjartans planar frå slekt til slekt.
- <sup>12</sup> Sælt er det folk som har Herren til Gud, det folk han har valt til sin eigedom!
- <sup>13</sup> Herren skodar ned frå himmelen, han ser alle menneske.
- <sup>14</sup> Frå sin bustad ser han ned på alle som bur på jorda.
- <sup>15</sup> Han har forma deira hjarte, alle deira gjerningar kjenner han.
- <sup>16</sup> Kongen blir ikkje redda av stor styrke, stridsmannen blir ikkje berga av stor kraft.
- <sup>17</sup> Hesten gjev falske voner om hjelp, med sin store styrke bergar han ingen.
- <sup>18</sup> Men Herrens auge kviler på dei som fryktar han og ventar på hans miskunn,
- <sup>19</sup> så han kan fria dei frå døden og halda dei i live gjennom hungersnaud.
- <sup>20</sup> Vår sjel ventar på Herren; han er vår hjelp og vårt skjold.
- <sup>21</sup> Vårt hjarte gleder seg i han, vi set vår lit til hans heilage namn.

<sup>22</sup>Lat di miskunn vera over oss, Herre! Det er deg vi ventar på.

### **Salmane 34**

<sup>1</sup>Av David, då han bar seg som galen hos Abimelek, så han vart jaga bort og gjekk sin veg.

*Alef*

א

<sup>2</sup>Eg vil velsigna Herren til alle tider, alltid lovsyngja han med min munn.

*Bet*

ב

<sup>3</sup>Eg er stolt over Herren, lat dei hjelpelause høyra det og vera glade.

*Gimel*

ג

<sup>4</sup>Pris Herren saman med meg, lat oss æra hans namn!

*Dalet*

ד

<sup>5</sup>Eg søkte Herren, og han svara meg, frå alt som skremde, berga han meg.

*He*

ה

<sup>6</sup>Vend blikket mot han og strål av glede, så skal de aldri raudna av skam!

*Zajin*

ז

<sup>7</sup>Den hjelpelause ropa, og Herren hørde, han frelste han frå alle trengsler.

*Het*

ח

<sup>8</sup>Herrens engel slår leir rundt dei som ottast han. Han friar dei ut.

*Tet*

ט

<sup>9</sup>Smak og sjå at Herren er god! Sæl er den som søker tilflukt hos han.

*Jod*

י

**10** Frykt Herren, de hans heilage! Dei som ottast han, lid inga naud.

*Kaf*

כ

**11** Unge løver lid naud og svelt; men dei som søkjer Herren, manglar aldri det som godt er.

*Lamed*

ל

**12** Kom hit, born, høyr på meg! Eg vil læra dykk frykt for Herren.

*Mem*

מ

**13** Er du ein som har glede av livet, som elsker å sjå gode dagar?

*Nun*

נ

**14** Hald då tunga borte frå det som er vondt, og leppene borte frå svikefull tale.

*Samek*

ס

**15** Vend deg bort frå det vonde og gjer det gode. Søk fred og jag etter han!

*Ajin*

ע

**16** Herrens auge følgjer dei rettferdige, hans øyre høyrer deira rop.

*Pe*

פ

**17** Herrens andlet er vendt mot dei som gjer det vonde, han skal utrydda minnet om dei frå jorda.

*Tsade*

צ

**18** Dei rettferdige ropar, og Herren høyrer, han bergar dei ut or alle trengsler.

*Qof*

ק

<sup>19</sup> Herren er nær hos dei som har eit sundbrote hjarte, han frelser dei som har ei knust ånd.

*Resj*

ר

<sup>20</sup> Mange ulukker rammar den rettferdige, men Herren friar han ut av dei alle.

*Sjin*

ש

<sup>21</sup> Han tek vare på kvart bein i hans kropp, ikkje eitt av dei skal brytast.

*Taw*

ת

<sup>22</sup> Ulukke drep den lovause, dei som hatar den rettferdige, blir straffa.

<sup>23</sup> Men Herren bergar livet til sine tenarar, ingen som søker tilflukt hos han, blir straffa.

### **Salmane 35**

<sup>1</sup> Av David. Herre, strid mot dei som strider mot meg. Kjemp mot dei som kjempar mot meg!

<sup>2</sup> Grip rundskjold og langskjold, reis deg og hjelp meg!

<sup>3</sup> Ta spyd og stridsøks fram mot dei som jagar meg. Sei til meg: «Eg er di frelse!»

<sup>4</sup> Lat dei som står meg etter livet, bli til spott og skam. Lat dei som tenkjer ut vondt imot meg, dra seg attende med skam!

<sup>5</sup> Gjev dei må bli som agner for vinden når Herrens engel støyter dei bort.

<sup>6</sup> Gjev deira veg blir mørk og glatt når Herrens engel jagar dei.

<sup>7</sup> For utan grunn har dei spent ut sitt garn, utan grunn har dei grave ei fallgrav for meg.

<sup>8</sup> Måtte ulukka koma uventa over han. Måtte garnet han spente ut, fanga han sjølv. Måtte han falla i ulukke!

<sup>9</sup> Men eg skal jubla i Herren og gleda meg over hans frelse.

<sup>10</sup>Kvart bein i kroppen skal seia: «Herre, kven er som du, du bergar den hjelpelause frå den som er sterkare enn han, ein fattig stakkar frå den som ranar han.»

<sup>11</sup> Falske vitne reiser seg, dei spør meg om slikt eg ikkje veit.

<sup>12</sup> Dei løner godt med vondt, eg sit att åleine.

<sup>13</sup> Men eg kledde meg i sekkestrie då dei var sjuke. Eg plaga meg med faste og bad med hovudet bøygd

<sup>14</sup> som for ein ven eller bror. Lik ein som sørgjer over mor si, gjekk eg nedbøygd i svarte klede.

<sup>15</sup> Men når eg snåvar, blir dei glade og samlar seg. Dei samlar seg mot meg for å slå utan at eg veit om det, dei riv og slit utan stans.

<sup>16</sup> Ugudelege som dei er, spottar og håner dei, dei skjer tenner mot meg.

<sup>17</sup> Herre, kor lenge vil du sjå på? Berg mitt liv frå herjingane deira, det einaste eg har, frå løvene!

<sup>18</sup> Eg vil prisa deg i den store forsamlinga, i folkemengda vil eg lova deg.

<sup>19</sup> Lat ikkje mine svikefulle fiendar gleda seg over meg! Dei som hatar meg utan grunn, skal ikkje få senda meg hånlege blikk.

<sup>20</sup> For dei talar ikkje venleg, men tenkjer ut svikefulle planar mot dei stille i landet.

<sup>21</sup> Dei sperrar opp munnen imot meg og ler hånleg: «Vi har sett det med egne auge!»

<sup>22</sup> Du ser det, Herre. Tei ikkje! Herre, ver ikkje langt borte frå meg!

<sup>23</sup> Vakna og hjelp meg til min rett, min Gud og Herre, før mi sak!

<sup>24</sup> Døm meg etter di rettferd, Herre, min Gud. Lat dei ikkje gleda seg over meg!

<sup>25</sup> Dei skal ikkje le og tenkja: «Som vi ønskte!» Dei skal ikkje seia: «Vi har slukt han.»

<sup>26</sup> Alle som gler seg over mi ulukke, skal bli til spott og skam. Dei som ser ned på meg, skal kle seg i skam og vanære.

<sup>27</sup> Dei som bryr seg om min rett, skal jubla og gleda seg. Alltid skal dei seia: «Stor er Herren, som ønskjer fred for sin tenar.»

<sup>28</sup> Mi tunge skal forkynna di rettferd og lovprisa deg heile dagen.

### **Salmane 36**

<sup>1</sup>Til korleiaren. Av Herrens tenar. Av David.

<sup>2</sup>Synda talar til den lovause djupt i hans hjarte. Redsle for Gud har han ikkje for auge.

<sup>3</sup>Han ser det som smiger at ein oppdagar hans skuld og legg han for hat.

<sup>4</sup>Kvart ord frå hans munn er urett og svik. Han er ikkje forstandig meir og gjer ikkje det gode.

<sup>5</sup>Han legg vonde planar på leiet. Han vel ein veg som ikkje er god. Han viser ikkje frå seg det vonde.

<sup>6</sup>Herre, til himmelen når di miskunn, til skyene rekk din truskap.

<sup>7</sup>Di rettferd er som mektige fjell, som det store havdjup er dine dommar. Herre, du bergar både menneske og dyr.

<sup>8</sup>Kor verdfull din kjærleik er, Gud! I skuggen av dine venger søkjer menneskeborna ly.

<sup>9</sup>Dei får nyta overfloda i ditt hus, du lèt dei drikka av gledebekken din.

<sup>10</sup>For hos deg er livsens kjelde, i ditt lys ser vi lys.

<sup>11</sup>Lat di miskunn vara for dei som kjenner deg, di rettferd for dei ærlege av hjartet.

<sup>12</sup>Lat ikkje foten til den stolte trø meg ned! Handa til den lovause skal ikkje jaga meg bort.

<sup>13</sup>Der ligg dei, dei som gjer urett. Dei er støytt ned og kan ikkje reisa seg.

### **Salmane 37**

<sup>1</sup> Av David.

*Alef*

א

Bli ikkje sint på valdsmenn, misunn ikkje dei som gjer urett!

<sup>2</sup> Som graset visnar dei fort, som grønne groen tørkar dei ut.

*Bet*

ב

<sup>3</sup> Set di lit til Herren og gjer det gode. Bu i landet og ta vare på truskap!

<sup>4</sup> Ha di lyst og glede i Herren, så gjev han deg alt ditt hjarte bed om!

*Gimel*

ג

<sup>5</sup> Legg din veg i Herrens hand! Set di lit til han, så grip han inn.

<sup>6</sup> Han lèt di rettferd stiga opp som lyset, din rett som høglys dag.

*Dalet*

ד

<sup>7</sup> Ver still for Herren og vent på han! Harmast ikkje over den som lukkast med sin veg, den som set i verk vonde planar!

*He*

ה

<sup>8</sup> Gjev slepp på vreiden, lat harmen liggja! Bli ikkje arg, det fører til det vonde.

<sup>9</sup> For valdsmenn skal ryddast ut, men dei som ventar på Herren, skal arva landet.

*Waw*

ו

<sup>10</sup> Om ei lita stund er den lovlause borte. Ser du etter han der han var, er han ikkje der.

<sup>11</sup> Men dei hjelpelause skal arva landet og gleda seg over varig fred.

*Zajin*

ז

**12** Den urettferdige legg vonde planar mot den rettferdige og skjer tenner mot han.

**13** Herren ler av han, for han ser at hans dag skal koma.

*Het*

ח

**14** Dei lovause dreg sverdet og spenner bogen. Dei vil fella den hjelpelause og fattige, slakta ned den som går på rett veg.

**15** Sverdet skal råka deira eige hjarte, og bogane skal brytast sund.

*Tet*

ט

**16** Det vesle den rettferdige eig, er betre enn den store rikdomen til dei urettferdige.

**17** For armane på dei urettferdige skal brytast, men Herren held oppe dei rettferdige.

*Jod*

י

**18** Herren kjenner dagane til dei heilhjarta, deira arv skal vara til evig tid.

**19** Dei blir ikkje til skamme i vonde tider, når det er hungersnaud, får dei eta seg mette.

*Kaf*

כ

**20** Men dei lovause går til grunne. Herrens fiendar blir borte som blomeprakta på marka, dei kverv som røyk.

*Lamed*

ל

**21** Den urettferdige låner og gjev ikkje att, den rettferdige er miskunnsam og gåvmild.

**22** Dei Herren velsignar, skal arva landet, dei han forbannar, skal ryddast ut.

*Mem*

מ



<sup>23</sup>Herren gjer mannens steg faste og gleder seg over hans veg.

<sup>24</sup> Om han fell, går han ikkje over ende, for Herren held hans hand.

*Nun*

נ

<sup>25</sup>Ung har eg vore, no er eg gammal, aldri har eg sett ein rettferdig forlaten eller hans born be om brød.

<sup>26</sup> Han er alltid miskunnsam og låner ut, hans born blir ei velsigning.

*Samek*

ס

<sup>27</sup> Vend deg bort frå det vonde og gjer det gode, så skal du bu trygt for alltid.

<sup>28</sup>For Herren elsker det som er rett, han forlèt ikkje sine trugne.

*Ajin*

י

Dei blir haldne oppe til evig tid, men borna til dei urettferdige blir utrydda.

<sup>29</sup>Dei rettferdige skal arva landet og alltid få bu i det.

*Pe*

פ

<sup>30</sup> I munnen til den rettferdige er det visdom, hans tunge talar rett.

<sup>31</sup> Guds lov er i hans hjarte. Hans fot skal aldri vakla.

*Tsade*

צ

<sup>32</sup> Den urettferdige vaktar på den rettferdige og prøver å ta hans liv.

<sup>33</sup> Herren overgjev han ikkje i den urettferdiges hand og dømmer han ikkje skuldig i retten.

*Qof*

ק

<sup>34</sup> Vent på Herren og hald deg til hans veg! Han lyfter deg opp så du arvar landet. Du får sjå at dei lovause blir utrydda.

*Resj*

ᚦ

<sup>35</sup>Eg såg ein lovlaus valdsmann. Han briska seg som ein frodig seder.

<sup>36</sup>Sidan kom eg framom, då var han borte! Eg leita, han var ikkje å finna.

*Sjin*

𐌿

<sup>37</sup>Legg merke til den heilhjarta! Sjå på den rettskafne! Det er framtid for den som skaper fred.

<sup>38</sup>Men brotsmenn blir utrydda alle som ein, dei lovlause får si framtid hoggen av.

*Taw*

ᚦ

<sup>39</sup>Dei rettferdige får si hjelp frå Herren, han er deira vern i tider med trengsle.

<sup>40</sup>Herren hjelper dei og friar dei ut. Han friar dei frå dei urettferdige og frelser dei, for dei søker tilflukt hos han.

### **Salmane 38**

<sup>1</sup>Ein salme av David. Til påminning.

<sup>2</sup>Herre, refs meg ikkje i din vreide, straff meg ikkje i din harme!

<sup>3</sup>For dine piler har råka meg, di hand kviler tungt på meg.

<sup>4</sup>I kroppen er ingenting uskadd, for du er harm, ikkje eit bein er heilt, for eg har synda.

<sup>5</sup>Skulda veks meg over hovudet lik ei bør som er altfor tung.

<sup>6</sup>Eg har sår som luktar og renn av verk på grunn av min dårskap.

<sup>7</sup>Eg er krocket og nedbøygd, eg går og sørgjer dagen lang.

<sup>8</sup>Hoftene brenn av smerte, ingenting er friskt i mitt kjøt.

<sup>9</sup>Eg er kraftlaus og knust; eg skrik ut mitt hjartes klage.

<sup>10</sup>Herre, du kjenner min lengsel, mitt sukk er ikkje løynt for deg.

- <sup>11</sup>Hjartet hamrar, krafta sviktar, sjølv lyset i auga har forlate meg.
- <sup>12</sup>Vener og dei som står meg nær, held seg borte frå mi plage, mine næraste held seg langt unna.
- <sup>13</sup>Dei som står meg etter livet, set snarer for meg. Dei som vil meg vondt, talar om å skada meg, dei grundar dagen lang på svik.
- <sup>14</sup>Men eg er lik ein døv, eg høyrer ikkje, eg er lik ein mållaus som ikkje opnar munnen.
- <sup>15</sup>Eg er lik ein mann som ikkje høyrer og ikkje har svar i sin munn.
- <sup>16</sup>Men det er deg, Herre, eg ventar på. Du vil svara meg, Herre, min Gud.
- <sup>17</sup>Eg sa: Lat dei ikkje gleda seg over meg og ikkje briska seg når foten min er ustø.
- <sup>18</sup>For eg held på å falla, mi smerte står alltid for meg.
- <sup>19</sup>Ja, eg vedkjenner mi skuld og sørgjer over mi synd.
- <sup>20</sup>Men fiendane lever og er sterke, dei som hatar meg utan grunn, er mange.
- <sup>21</sup>Dei som løner godt med vondt, står meg imot fordi eg jagar etter det gode.
- <sup>22</sup>Herre, forlat meg ikkje! Min Gud, ver ikkje langt borte frå meg!
- <sup>23</sup>Skund deg og hjelp meg, Herre, mi frelse!

### **Salmane 39**

- <sup>1</sup>Til korleieren. For Jedutun. Ein salme av David.
- <sup>2</sup>Eg sa: «Eg vil vakta min veg så eg ikkje syndar med tunga, eg vil setja munnkorg på meg sjølv så lenge lovause står framfor meg.»
- <sup>3</sup>Eg vart mållaus og still, eg tagde til inga nytte. Mi smerte vart verre.
- <sup>4</sup>Hjartet brann inni meg, elden flamma opp medan eg stønna. Eg sa med mi tunge:
- <sup>5</sup>«Herre, lær meg at eg skal døy, kor få og tilmålte mine dagar er, så eg kan skjønna at mitt liv tek slutt.»

<sup>6</sup> Sjø, ei handfull levedagar har du gjeve meg, mi levetid er som ingenting for deg, kvart menneske er eit pust. *Sela*

<sup>7</sup> Som skuggebilete går dei omkring. Fåfengt uroar dei seg. Dei samlar i hop, men veit ikkje kven som skal ha det.

<sup>8</sup> Men no, Herre, kva skal eg venta på? Berre til deg står mi von.

<sup>9</sup> Fri meg frå alle mine synder! Gjer meg ikkje til spott for dårar!

<sup>10</sup> Eg teier. Eg lèt ikkje opp munnen, for dette er ditt verk.

<sup>11</sup> Ta bort den plaga du la på meg! Eg går til grunne når du slår med di hand.

<sup>12</sup> Du refsar og straffar ein mann for hans synd, som møllen ét du det han har kjær. Mennesket er eit pust. *Sela*

<sup>13</sup> Herre, høyr mi bøn og lytt til mitt rop, ver ikkje døv når eg græt! For eg er ein heimlaus hos deg, ein framand som alle mine fedrar.

<sup>14</sup> Vend blikket ifrå meg. Så lyser eg opp før eg går bort og ikkje er meir.

## **Salmane 40**

<sup>1</sup> Til korleiaren. Ein salme av David.

<sup>2</sup> Eg venta og vona på Herren. Han bøygde seg til meg og høyrde mitt rop.

<sup>3</sup> Han drog meg opp or den tynande grav, opp av den djupe gjørma. Han sette mine føter på fjell og gjorde mine steg faste.

<sup>4</sup> Han la ein ny song i min munn, ein lovsong til vår Gud. Mange skal sjå det og ottast og setja si lit til Herren.

<sup>5</sup> Sæl er den som set si lit til Herren, som ikkje vender seg til dei stolte, til dei som fell frå i løgn.

<sup>6</sup> Store ting har du gjort for oss, Herre, min Gud, underfulle verk og planar, ingen er din like. Vil eg fortelja og tala om dei, er dei for mange til å reknast.

<sup>7</sup> Du har ikkje glede i offer og gåver – du har opna mine øyre – brennoffer og syndoffer krev du ikkje.

<sup>8</sup> Då sa eg: «Sjø, her kjem eg. I bokrullen er det skrive om meg.

- <sup>9</sup>Min Gud, å gjera din vilje gjev meg glede, di lov er djupt i mitt indre.»
- <sup>10</sup> Eg forkynte rettferd i den store forsamlinga. Eg heldt ikkje att mi tunge, Herre, du veit det.
- <sup>11</sup>Di rettferd heldt eg ikkje skjult i hjartet, eg tala om din truskap og di frelse. Eg løynde ikkje di miskunn og di sanning i den store forsamlinga.
- <sup>12</sup> Herre, du vil ikkje halda di miskunn tilbake. Din truskap og di sanning skal alltid verna meg.
- <sup>13</sup> For tallause ulukker omgjev meg, mine synder har nådd meg att, eg kan ikkje sjå. Dei er fleire enn håra på hovudet, motet har svikta meg.
- <sup>14</sup> Vis godvilje, Herre, og fri meg ut! Herre, skund deg og hjelp meg!
- <sup>15</sup> Lat alle som står meg etter livet, bli til skamme og til spott! Lat dei som vil meg vondt, dra seg tilbake utan ære!
- <sup>16</sup> Dei som ler og håner meg, skal bli slegne av skam.
- <sup>17</sup> Lat alle som søkjer deg, fryda og gleda seg i deg! Lat dei som elsker di frelse, alltid seia: «Stor er Herren!»
- <sup>18</sup> Men eg er hjelpelaus og fattig. Herren skal tenkja på meg. Du er mi hjelp, du bergar meg. Dryg ikkje lenger, min Gud!

## **Salmane 41**

- <sup>1</sup>Til korleiaren. Ein salme av David.
- <sup>2</sup>Sæl er den som har omsorg for dei veike. På ulukkedagen friar Herren han ut.
- <sup>3</sup>Herren vernar han og held han i live. lukkeleg er han i landet. Du overgjev han ikkje til grådige fiendar!
- <sup>4</sup>Herren styrkjer han i sjukdomen; du forvandlar leieta hans når han er sjuk.
- <sup>5</sup>Men eg seier: «Herre, ver meg nådig; læk meg, for eg har synda mot deg!»
- <sup>6</sup>Fienden talar vondt om meg: «Når skal han døy og namnet hans gå til grunne?»

<sup>7</sup>Kjem det ein og ser til meg, talar han tomme ord. Hjartet hans samlar på det vonde, så går han ut og talar om det.

<sup>8</sup>Alle som hatar meg, kviskrar saman, dei legg vonde planar mot meg:

<sup>9</sup>«Noko vondt har råka han, no ligg han der og står aldri meir opp.»

<sup>10</sup>Jamvel venen min som eg leit på, han som åt ved mitt bord, lyfter hælen mot meg.

<sup>11</sup>Men du, Herre, ver meg nådig og reis meg opp, så eg kan gje dei att.

<sup>12</sup>Når fienden ikkje får triumfera over meg, veit eg at du har di glede i meg.

<sup>13</sup>Fordi eg er heil, held du meg fast, du lèt meg alltid stå for ditt andlet.

<sup>14</sup>Velsigna er Herren, Israels Gud, frå æve til æve! Amen! Ja, amen!

## **Salmane 42**

### Andre boka

#### *Salme 42–72*

<sup>1</sup>Til korleieren. Ein læresalme. Av Korah-songarane.

<sup>2</sup>Som hjorten lengtar etter bekker med vatn, lengtar mi sjel etter deg, min Gud.

<sup>3</sup>Mi sjel tørstar etter Gud, etter den levande Gud. Når skal eg få koma fram for Guds andlet?

<sup>4</sup>Tårer er mitt brød dag og natt. Dagen lang spør dei meg: «Kvar er din Gud?»

<sup>5</sup>Dette minnest eg, min lengsel vell fram: Til Guds hus vandra eg i festskaren med jubelrop og lovsong – ein pilegrimsskare i fest.

<sup>6</sup>Kvifor er du sorgtyngd, mi sjel, kvifor er du uroleg? Eg vil venta på Gud! Endå ein gong skal eg prisa han, min frelsar og min Gud.

<sup>7</sup>Eg er sorgtyngd, difor går min tanke til deg frå Jordan- og Hermonlandet, frå berget Misár.

<sup>8</sup>Djup ropar til djup når dine fossar durar. Alle dine bølger og brot slår over meg.

<sup>9</sup> Herren sender si miskunn om dagen, songen hans er hos meg om natta, ei bøn til mitt livs Gud.

<sup>10</sup> Eg seier til Gud, mitt berg: «Kvifor har du gløymt meg, kvifor må eg gå og sørgja medan fienden plagar meg?»

<sup>11</sup> Mine fiendars hån går gjennom merg og bein. Dagen lang spør dei meg: «Kvar er din Gud?»

<sup>12</sup> Kvifor er du sorgtyngd, mi sjel, kvifor er du uroleg? Eg vil venta på Gud! Endå ein gong skal eg prisa han, min frelsar og min Gud.

### **Salmane 43**

<sup>1</sup> Gud, hjelp meg til min rett. Før mi sak mot trulause folk! Fri meg frå menneske som fer med svik og vondskap!

<sup>2</sup> For du er mitt vern, Gud. Kvifor har du støytt meg bort? Kvifor må eg gå og sørgja medan fienden plagar meg?

<sup>3</sup> Send ditt lys og di sanning, lat dei leia meg og føra meg til ditt heilage fjell, til dine bustader.

<sup>4</sup> Så kan eg gå til Guds altar, til Gud, mi glede og min jubel, og syngja din pris til lyra, Gud, min Gud.

<sup>5</sup> Kvifor er du sorgtyngd, mi sjel, kvifor er du uroleg? Eg vil venta på Gud! Endå ein gong skal eg prisa han, min frelsar og min Gud.

### **Salmane 44**

<sup>1</sup> Til korleiaren. Av Korah-songarane. Ein læresalme.

<sup>2</sup> Gud, vi har høyrte det med egne øyre, våre fedrar har fortalt oss om gjerninga du gjorde i deira tid, i gamle dagar.

<sup>3</sup> Med di hand dreiv du folkeslag ut, men du planta våre fedrar; du fór ille med folka, men lét våre fedrar fara fritt.

<sup>4</sup> Dei tok ikkje landet ved sverd. Deira eigen arm gav ingen siger, det var di høgre hand og din arm og lyset frå ditt andlet, for du hadde dei kjær.

- <sup>5</sup>Berre du er min konge og Gud, som byd at Jakob skal bergast.
- <sup>6</sup>Ved deg støyter vi fienden ned, ved ditt namn trakkar vi på dei som står oss imot.
- <sup>7</sup>For eg set ikkje mi lit til bogen, det er ikkje sverdet som bergar meg.
- <sup>8</sup>Nei, du har frelst oss frå fienden, dei som hatar oss, gjorde du til skamme.
- <sup>9</sup>Vi frydar oss alltid i Gud, vi prisar ditt namn til evig tid. *Sela*
- <sup>10</sup>Likevel har du støytt oss bort og ført skam over oss, du drog ikkje ut med våre hærar.
- <sup>11</sup>Du lét oss vika tilbake for fienden, dei som hata oss, rana til seg hærfang.
- <sup>12</sup>Du har gjort oss til slaktefe og spreidd oss mellom folka.
- <sup>13</sup>Du har selt ditt folk til spottpris, du tok ikkje stor betaling.
- <sup>14</sup>Du har gjort oss til spott for våre grannar, til hån for dei som bur ikring oss.
- <sup>15</sup>Du har gjort oss til eit ordtak mellom folka, du lét folkeslag rista på hovudet av oss.
- <sup>16</sup>Dagen lang er mi vanære framfor meg, andletet er dekt av skam
- <sup>17</sup>under ropa frå dei som håner og spottar, ved synet av fienden og hemnaren.
- <sup>18</sup>Alt dette har kome over oss endå vi ikkje har gløymt deg og ikkje svike di pakt.
- <sup>19</sup>Vårt hjarte har ikkje vendt seg bort, våre steg har ikkje bøygd av frå din veg.
- <sup>20</sup>Likevel har du knust oss der sjakalar bur, og lagt dødsskuggen over oss.
- <sup>21</sup>Om vi gløymde vår Guds namn og lyfte våre hender til ein framand gud,
- <sup>22</sup>så ville vel Gud ha funne det ut, han som kjenner dei løynde tankane i hjartet?
- <sup>23</sup>Men for di skuld blir vi drepne dagen lang, vi blir rekna som slaktesauer.



<sup>24</sup> Reis deg! Kvifor søv du, Herre? Vakna, støyt oss ikkje bort for alltid!

<sup>25</sup> Kvifor løyner du ditt andlet, kvifor gløymer du vår naud og trengsle?

<sup>26</sup> Vi søkk ned i støvet, vi ligg pressa mot jorda.

<sup>27</sup> Reis deg og hjelp oss, fri oss ut i di miskunn!

## **Salmane 45**

<sup>1</sup> Til korleiaren. Etter «Liljene». Av Korah-songarane. Ein læresalme. Ein song om kjærleik.

<sup>2</sup> Mitt hjarte strøymer over av gode ord, eg diktar mine songar for kongen. Tunga er lik pennen til ein dyktig skrivjar.

<sup>3</sup> Du er den fagraste av menneske, vakker tale er lagd på dine lepper. Difor har Gud velsigna deg for alltid.

<sup>4</sup> Spenn sverdet fast ved hofta, du krigar, i di høgde og din herlegdom!

<sup>5</sup> Vinn siger i din herlegdom! Ri ut til strid for sanning, mildskap og rett! Di høgre hand lèt deg sjå skremmande gjerningar.

<sup>6</sup> Pilene dine er kvasse, folkeslag stuper for deg. Kongens fiendar er råka i hjartet.

<sup>7</sup> Din kongsstol, Gud, står til evig tid, din kongsstav er rettferds stav.

<sup>8</sup> Du har elska rettferd og hata urett. Difor har Gud, din Gud, salva deg med gledes olje framfor dine vener.

<sup>9</sup> Du er sveipt i angen frå myrra, aloe og kassia. Strengespel frå elfenbeinshallar gjev deg glede.

<sup>10</sup> Kongsdøtrer er mellom dine utvalde, ved di høgre side står dronninga i Ofir-gull.

<sup>11</sup> Høyr, dotter, sjå hit og vend øyret til! Gløym ditt folk og di slekt,

<sup>12</sup> for kongen attrår din venleik. Han er din herre, bøy deg ned for han!

<sup>13</sup> Tyros' dotter og dei rike i folket skal søkja din gunst med gåver.

<sup>14</sup>Fullkomen, herleg trer kongsdottera inn, kjolen hennar er gjennomvoven med gull.

<sup>15</sup>I fargerik bunad blir ho leidd til kongen. Unge jenter er bak henne, veninnene hennar blir førte fram for deg.

<sup>16</sup>Dei blir leidde inn med fryd og glede, dei går inn i kongens slott.

<sup>17</sup>Sønene dine skal koma i staden for fedrane, set dei til hovdingar kringom i landet!

<sup>18</sup>Frå slekt til slekt vil eg minnast ditt namn, difor skal folka lova deg til evig tid.

### **Salmane 46**

<sup>1</sup>Til korleieren. Av Korah-songarane. Etter «Alamot». Ein song.

<sup>2</sup>Gud er vår tilflukt og styrke, ei hjelp i naud og alltid nær.

<sup>3</sup>Difor reddast vi ikkje når jorda skakar, når fjella vaklar i havsens djup.

<sup>4</sup>Vatnet buldrar og brusar, fjella skjelv når havet reiser seg. *Sela*

<sup>5</sup>Det finst ei elv med bekker som gleder Guds by, den mest heilage bustaden til Den høgste.

<sup>6</sup>Gud er midt i han, byen kan ikkje vakla. Gud hjelper han når morgonen gryr.

<sup>7</sup>Folkeslag buldra, rike vakla, han lét røysta ljoma, jorda skalv.

<sup>8</sup>Herren Sebaot er med oss, Jakobs Gud er vår faste borg. *Sela*

<sup>9</sup>Kom og sjå alt Herren har gjort, han som gjer skremmande ting på jorda!

<sup>10</sup>Han gjer slutt på krig over heile jorda, han bryt bogar sund, hogg spyda av, han set eld på vogner.

<sup>11</sup>Hald opp! Kjenn at eg er Gud. Eg er opphøgd over folkeslag, opphøgd på jorda.

<sup>12</sup>Herren Sebaot er med oss, Jakobs Gud er vår faste borg. *Sela*

## Salmane 47

- <sup>1</sup>Til korleiaren. Av Korah-songarane. Ein salme.
- <sup>2</sup>Klapp i hendene, alle folk, lyft jubelrop til Gud!
- <sup>3</sup>For Herren, Den høgste, er verd å frykta, ein stor konge over heile jorda.
- <sup>4</sup>Han legg folkeslag under oss, folk legg han under våre føter.
- <sup>5</sup>Han vel ut eit land for oss, ein stolt arv for Jakob, som han elsker. *Sela*
- <sup>6</sup>Gud stig opp til jubelrop, Herren stig opp medan horna gjallar.
- <sup>7</sup>Syng for Gud, ja, syng og spel, syng og spel for vår konge!
- <sup>8</sup>For Gud er konge over heile jorda. Syng ein song som gjer vis!
- <sup>9</sup>Gud er konge over folka, Gud har sett seg på si heilage trone.
- <sup>10</sup>Fyrstane over folka samlast, krigsfolket til Abrahams Gud. For skjolda på jorda høyrer Gud til, han er opphøgd over alle.

## Salmane 48

- <sup>1</sup>Ein song. Ein salme. Av Korah-songarane.
- <sup>2</sup>Stor er Herren og verdig lov og pris i vår Guds by, på hans heilage fjell.
- <sup>3</sup>Fagert og høgt, ei glede for heile jorda er Sion-fjellet lengst i nord, den store kongens by.
- <sup>4</sup>I byens borger gjev Gud seg til kjenne, han er vårt vern.
- <sup>5</sup>For kongane slo seg saman og drog fram i fylking.
- <sup>6</sup>Dei såg opp og vart skremde, dei rømde i redsle.
- <sup>7</sup>Redsle kom over dei så dei skalv, rier som hos ei fødande kvinne,
- <sup>8</sup>som når austavind knuser Tarsis-skip.
- <sup>9</sup>Det vi før høyrde, har vi no sett i byen til Herren Sebaot, i byen til vår Gud. Gud held han oppe til evig tid. *Sela*
- <sup>10</sup>I ditt tempel, Gud, tenkjer vi på di miskunn.

<sup>11</sup> Gud, der ditt namn er kjent, får du lovsong, heilt til endane av jorda. Di høgre hand er full av rettferd.

<sup>12</sup> Sion-fjellet skal gleda seg og Judas døtrer jubla over dine dommar.

<sup>13</sup> Gå rundt Sion, gå heilt omkring, tel tårna i byen,

<sup>14</sup> legg merke til vollane, gå gjennom borgene. Fortel så til den slekta som kjem:

<sup>15</sup> Slik er Gud, vår Gud for evig. Han skal føra oss ut over døden.

## **Salmane 49**

<sup>1</sup> Til korleiaren. Av Korah-songarane. Ein salme.

<sup>2</sup> Høyr dette, alle folk, lyd etter, alle som bur i verda,

<sup>3</sup> høg og låg, rik og fattig!

<sup>4</sup> Min munn talar visdom, det hjartet tenkjer, er forstand.

<sup>5</sup> Eg vil venda mitt øyre til visdomsord, tyda mi gåte til klangen frå lyra.

<sup>6</sup> Kvifor frykta i vonde dagar, når eg blir kringsett av svikarars vondskap?

<sup>7</sup> Dei set si lit til sitt gods og skryter av sin store rikdom.

<sup>8</sup> Ingen kan kjøpa fri ein bror, ingen kan gje Gud løysepengar for han.

<sup>9</sup> Det er kostbart å kjøpa livet hans fri, det må ein gje opp for alltid.

<sup>10</sup> Kunne han vel leva evig og aldri sjå grava?

<sup>11</sup> Sjølv vismenn døyr, det kan alle sjå, med dårar og uforstandige går dei til grunne. Dei etterlèt sitt gods til andre.

<sup>12</sup> Grava blir deira heim for evig, ein bustad frå slekt til slekt, dei som samla seg jord i sitt eige namn.

<sup>13</sup> Med all si prakt kan mennesket ikkje vara. Det liknar dyra som må døy.

<sup>14</sup> Slik går det med dei som lit på seg sjølve, og med dei som følgjer etter og gleder seg over deira ord. *Sela*

<sup>15</sup>Som sauer fer dei til dødsriket, døden er deira gjetar. Dei rettskafne skal herska over dei når morgonen renn. Deira skapnad tærest bort, i dødsriket skal dei ha sin bustad.

<sup>16</sup> Men Gud vil kjøpa meg fri frå dødsrikets grep, for han vil ta meg til seg. *Sela*

<sup>17</sup> Ver ikkje redd når nokon blir rik, når velstanden aukar i hans hus.

<sup>18</sup> For når han døyr, får han ingenting med, velstanden følgjer han ikkje i grava.

<sup>19</sup> Han prisar seg lukkeleg her i livet: «Folk rosar deg, for du gjer det godt.»

<sup>20</sup> Likevel går han til sine fedrar, til dei som aldri meir får sjå lys.

<sup>21</sup> Med all si prakt kan mennesket ikkje forstå, det er likt dyra som må døy.

## **Salmane 50**

<sup>1</sup> Ein salme av Asaf. Gud over gudar talar, Herren ropar til jorda der sol går opp og der sol går ned.

<sup>2</sup> Frå Sion, det fullkome vakre, strålar Gud fram.

<sup>3</sup> Vår Gud kjem, han teier ikkje. Framfor han går ein øydande eld, kring han stormar det sterkt.

<sup>4</sup> Han kallar på himmelen der oppe og på jorda, for han vil dømme sitt folk.

<sup>5</sup> Samla mine trugne hos meg, dei som med offer har gjort pakt med meg.

<sup>6</sup> Himmelen forkynner hans rettferd, Han er ein Gud som dømmer. *Sela*

<sup>7</sup> Høyr, mitt folk, eg vil tala, Israel, eg vil vitna mot deg. Eg er Gud, din Gud.

<sup>8</sup> Det er ikkje for dine slaktoffer eg viser deg til rette, dine brennoffer er alltid framfor meg.

<sup>9</sup> Men eg tek ikkje oksar frå ditt hus eller bukkar frå dine kveer.

<sup>10</sup> For alt viltet i skogen er mitt, dyra på dei tusen fjell.

<sup>11</sup> Eg kjenner alle fuglar i fjellet, krypet på marka høyrer meg til.

<sup>12</sup> Var eg svolten, sa eg det ikkje til deg, for jorda og det som fyller henne, høyrer meg til.

<sup>13</sup> Skulle eg eta kjøt av oksar eller drikka blod av bukkar?

<sup>14</sup> Du skal ofra lovsong til Gud, oppfylla dine lovnader til Den høgste!

<sup>15</sup> Kall på meg den dagen du er i naud, så vil eg fria deg ut, og du skal gje meg ære.

<sup>16</sup> Men til den lovlause seier Gud: Kvifor står du og ramsar opp mine bod og tek mi pakt i din munn?

<sup>17</sup> Du har jo hata formaning og kasta mine ord bak deg.

<sup>18</sup> Ser du ein tjuv, slår du følge med han, med ekteskapsbrytarar held du lag.

<sup>19</sup> Du slepper munnen laus i vondskap, med tunga spinn du svik.

<sup>20</sup> Du sit og talar mot bror din, son til mor di skitnar du til.

<sup>21</sup> Dette gjorde du, og eg tagde. Du tenkte eg var nett som du. Men eg skal visa deg til rette, stilla saka fram for deg.

<sup>22</sup> Forstå dette, de som gløymer Gud! Elles riv eg dykk sund, og ingen kan berga dykk.

<sup>23</sup> Den som ofrar lovsong, gjev meg ære, den som gjer sin veg fast, lèt eg sjå Guds frelse.

## **Salmane 51**

<sup>1</sup> Til korleiaren. Ein salme av David,

<sup>2</sup> då profeten Natan kom til han etter at han hadde vore hos Batseba.

<sup>3</sup> Ver meg nådig, Gud, i din kjærleik, stryk ut mitt brot i di store miskunn!

<sup>4</sup> Vask meg rein for skuld og reins meg for mi synd!

<sup>5</sup> For mine brot kjenner eg, mi synd står alltid for meg.

<sup>6</sup> Mot deg åleine har eg synda, det som er vondt i dine auge, har eg gjort. Difor har du rett når du talar, du er rein når du feller dom.

- <sup>7</sup> Ja, med skuld vart eg fødd, med synd vart eg til i mors liv.
- <sup>8</sup> Sjå, du gler deg over sanning i mitt indre, du lærer meg visdom i det løynde.
- <sup>9</sup> Ta bort mi synd med isop, så eg blir rein, vask meg, så eg blir kvitare enn snø.
- <sup>10</sup> Lat meg få oppleva fryd og glede, lat beina du knuste, få jubla.
- <sup>11</sup> Løyn ditt andlet for mine synder, stryk ut all mi skuld!
- <sup>12</sup> Gud, skap i meg eit reint hjarte, gjev meg ei ny og stødig ånd!
- <sup>13</sup> Driv meg ikkje bort frå ditt andlet, ta ikkje frå meg din heilage Ande!
- <sup>14</sup> Gjev meg atter gleda over di frelse, hald meg oppe med ei villig ånd!
- <sup>15</sup> Eg vil læra brotsmenn dine vegar, syndarar skal venda om til deg.
- <sup>16</sup> Fri meg, Gud, frå blodskuld, du Gud som er mi frelse! Så skal tunga mi jubla over di rettferd.
- <sup>17</sup> Herre, lat opp mine lepper så min munn kan lovprisa deg.
- <sup>18</sup> For du har ikkje glede i slakteroffer; mitt brennoffer bryr du deg ikkje om.
- <sup>19</sup> Offer for Gud er ei sundbrotten ånd. Gud, du foraktar ikkje eit sundbrote og knust hjarte.
- <sup>20</sup> Gjer vel mot Sion i din nåde, bygg Jerusalems murar!
- <sup>21</sup> Då skal du ha glede i rette offer, brennoffer og heiloffer. Då skal dei ofra oksar på ditt altar.

## **Salmane 52**

- <sup>1</sup> Til korleiaren. Ein læresalme. Av David,
- <sup>2</sup> då edomitten Doeg kom og fortalde Saul at David hadde teke inn i Ahimeleks hus.
- <sup>3</sup> Du mektige, kvifor skryter du av det vonde? Guds miskunn varer dagen lang.

<sup>4</sup>Du legg planar som er til skade. Tunga er lik ein kvass kniv. Ho fer med svik.

<sup>5</sup>Du elsker vondt meir enn godt, løgna meir enn sanne ord. *Sela*

<sup>6</sup>Du elsker kvart ord som gjer skade, du svikefulle tunge.

<sup>7</sup>Difor skal Gud slå deg ned for alltid, ta deg og riva deg ut av ditt telt. Han skal rykkja deg opp med rot, bort frå landet til dei levande. *Sela*

<sup>8</sup>Dei rettferdige skal sjå det og frykta, dei skal le av han:

<sup>9</sup>«Sjå på han. Han gjorde ikkje Gud til sitt vern, men sette si lit til sin store rikdom og brukte sin styrke til å skada.»

<sup>10</sup>Men eg er som eit oliventre, grønt og frodig i Guds hus. Eg set mi lit til Guds miskunn, til evig tid.

<sup>11</sup>Eg vil alltid prisa deg fordi du greip inn. Med dine trugne set eg mi von til ditt namn, for det er godt.

### **Salmane 53**

<sup>1</sup>Til korleieren. Etter «Mahalat». Ein læresalme. Av David.

<sup>2</sup>Dårane seier i hjartet: «Det finst ingen Gud.» Vond og avskyeleg er deira urett, det finst ingen som gjer det gode.

<sup>3</sup>Frå himmelen ser Gud ned til menneska for å sjå om det finst nokon som er vis, nokon som søker Gud.

<sup>4</sup>Alle har trekt seg unna, alle som ein er forderva. Det finst ingen som gjer det gode, ikkje ein einaste.

<sup>5</sup>Skjønar dei då ingen ting, dei som gjer urett? Dei et opp folket mitt som om dei et brød, og kallar ikkje på Gud.

<sup>6</sup>Då skal dei råkast av redsle, dei som aldri var redde. For Gud skal strø ut beina av dei som slår leir mot deg. Dei blir til skamme, for Gud har vraka dei.

<sup>7</sup>Måtte frelse koma til Israel frå Sion! Når Gud vender lagnaden for sitt folk, skal Jakob jubla og Israel gleda seg.



## Salmane 54

- <sup>1</sup>Til korleiaren. Med strengespel. Ein læresalme. Av David,
- <sup>2</sup>då mennene frå Sif kom og sa til Saul: «David held seg løynd hos oss.»
- <sup>3</sup>Gud, frels meg ved ditt namn, skaff meg rett ved di kraft!
- <sup>4</sup>Gud, høyr mi bøn, vend øyret til mine ord!
- <sup>5</sup>Framande har reist seg mot meg, valdsmenn står meg etter livet. Dei bryr seg ikkje om Gud. *Sela*
- <sup>6</sup>Men Gud er den som hjelper meg, Herren held meg i live.
- <sup>7</sup>Vend det vonde mot mine fiendar. Gjer ende på dei i din truskap!
- <sup>8</sup>Villig skal eg ofra til deg og prisa namnet ditt, Herre, for det er godt.
- <sup>9</sup>Herren har fria meg ut av all naud, så eg kan sjå ned på mine fiendar.

## Salmane 55

- <sup>1</sup>Til korleiaren. Med strengespel. Ein læresalme. Av David.
- <sup>2</sup>Vend øyret til mi bøn, Gud, løyn deg ikkje når eg bed.
- <sup>3</sup>Lytt til meg og gjev meg svar! Eg er kvilelaus i mi sut. Eg er ute av meg,
- <sup>4</sup>for fienden ropar, dei lovlause trykkjer meg ned. Dei velter urett over meg, rasande går dei mot meg.
- <sup>5</sup>Hjartet vrid seg i meg, eg er gripen av dødsangst.
- <sup>6</sup>Eg skjelv av frykt, eg er overvelda av redsle.
- <sup>7</sup>Eg sa: Hadde eg berre venger som dua! Då flaug eg bort og fann meg ein bustad.
- <sup>8</sup>Langt av garde ville eg rømme, i ørkenen ville eg slå meg ned. *Sela*
- <sup>9</sup>Eg ville skunda meg i ly for rasande vind og storm.
- <sup>10</sup>Herre, forvirr dei og kløyv deira tungemål! For eg ser vald og strid i byen.
- <sup>11</sup>Dag og natt går dei ikring på bymuren. Innanfor er ugjerning og urett.

- <sup>12</sup>Øydelegging rår der inne, svik og vald vik ikkje frå torget.
- <sup>13</sup>Var det ein fiende som spotta meg, kunne eg bera det. Var det ein uven som såg ned på meg, ville eg gøyma meg for han.
- <sup>14</sup> Men det er du, min like, min gode ven og kjenning,
- <sup>15</sup>vi som tala fortruleg saman og gjekk i festtog i Guds hus.
- <sup>16</sup> Lat døden koma over dei, lat dei fara til dødsriket midt i livet! For dei har vondskap i heim og hug.
- <sup>17</sup>Men eg vil ropa til Gud, og Herren skal frelsa meg.
- <sup>18</sup> Kveld og morgon og midt på dagen klagar og sukker eg, og han skal høyra ropet mitt.
- <sup>19</sup> Han skal fria meg frå strid og gje meg fred, endå mange går mot meg.
- <sup>20</sup> Gud skal høyra og audmjuka dei, han som tronar frå eldgammal tid. *Sela*  
For dei forandrar seg ikkje, dei fryktar ikkje Gud.
- <sup>21</sup>Fienden legg hand på sine vener, han bryt si pakt.
- <sup>22</sup> Hans tale er glattare enn smør, men han har strid i sinne. Hans ord er mjukare enn olje, men dei er dregne sverd.
- <sup>23</sup> Kast di bør på Herren, han vil sørgja for deg! Han lèt aldri den rettferdige vakla.
- <sup>24</sup> Men du er Gud. Støyt dei ned i den djupe grava! Drapsmenn og svikarar når ikkje halve si levetid. Men eg set mi lit til deg.

## **Salmane 56**

- <sup>1</sup> Til korleieren. Etter «Dua i terebintene langt borte». Ein miktam. Av David, då filistrane greip han i Gat.
- <sup>2</sup>Ver meg nådig, Gud! Folk jagar meg, stridsmenn trengjer seg på meg heile dagen.
- <sup>3</sup>Fiendar jagar meg dagen lang, frå si høgd går dei til åtak, dei er mange.
- <sup>4</sup>Når eg er redd, stolar eg på deg.

<sup>5</sup> Eg stolar på Gud, eg prisar hans ord. Eg stolar på Gud, eg er ikkje redd. Kva kan vel menneske gjera meg?

<sup>6</sup> Dei vrir på orda mine dagen lang, dei tenkjer berre på å skada meg.

<sup>7</sup> Dei slår seg saman og ligg på lur, dei vaktar mine steg, ventar berre på å ta mitt liv.

<sup>8</sup> Skal dei sleppa unna med sin urett? Støyt folkeslag ned i din vreide, Gud!

<sup>9</sup> Du har talt mine heimlause steg, mine tårer har du samla i di lêrflaske. Står det ikkje i di bok?

<sup>10</sup> Difor må fienden dra seg tilbake den dagen eg ropar. Det veit eg, at Gud er med meg.

<sup>11</sup> Eg stolar på Gud, eg prisar ordet, eg lit på Herren, eg prisar ordet.

<sup>12</sup> Eg stolar på Gud, eg er ikkje redd. Kva kan eit menneske gjera meg?

<sup>13</sup> Eg vil halda mine lovnader til deg, Gud, difor kjem eg med lovsongsoffer til deg.

<sup>14</sup> For du har berga mitt liv frå døden og foten frå å snubla, så eg kan ferdast for Guds andlet i livsens lys.

## **Salmane 57**

<sup>1</sup> Til korleieren. «Øydelegg ikkje!» Ein miktam. Av David, då han rømde for Saul og gøymde seg i hòla.

<sup>2</sup> Ver meg nådig, Gud, ver meg nådig! For eg søkjer tilflukt hos deg. I skuggen av dine venger søkjer eg ly til faren er over.

<sup>3</sup> Eg ropar til Gud, Den høgste, til Gud som gjer vel mot meg.

<sup>4</sup> Han skal senda meg hjelp frå himmelen, håna dei som jagar meg *Sela* og gje meg si miskunn og sin truskap.

<sup>5</sup> Sjølv ligg eg midt mellom løver som vil sluka menneske. Tennene deira er spyd og piler, tunga er eit kvast sverd.

<sup>6</sup> Vis deg høg over himmelen, Gud, vis din herlegdom over all jorda!

<sup>7</sup> Dei la ut eit nett for mine føter, dei pressa meg ned. Dei grov ei fallgrav for meg, men sjølve fall dei ned i grava. *Sela*

<sup>8</sup> Mitt hjarte er roleg, Gud, roleg og trygt. Eg vil syngja og spela.

<sup>9</sup> Vakna, mi ære, vakna, harpe og lyre! Eg vil vekkja morgonrøden.

<sup>10</sup> Eg vil takka deg mellom folka, Herre, lovsyngja deg mellom folkeslag.

<sup>11</sup> For di miskunn når til himmelen, din truskap til skyene.

<sup>12</sup> Vis deg høg over himmelen, Gud, vis din herlegdom over all jorda!

### **Salmane 58**

<sup>1</sup> Til korleieren. «Øydelegg ikkje!» Ein miktam. Av David.

<sup>2</sup> Talar de verkeleg rett, de mektige? Dømmer de rettferdig, de menneske?

<sup>3</sup> Nei, frå hjartet ber de fram urett på jorda, med hendene spreier de vald.

<sup>4</sup> Frå fødselen av er dei urettferdige på avvegjar, heilt frå mors liv fer løgnarane vill.

<sup>5</sup> Deira gift er som ormegift, dei liknar ein orm som er døv, han lèt att øyra

<sup>6</sup> og høyrer ikkje på han som kviskrar, på han som er kunnig til å mana.

<sup>7</sup> Gud, knus tennene i deira munn, Herre, bryt tanngarden sund på løvene!

<sup>8</sup> Lat dei kverva slik vatn renn vekk! Lat dei berre spennja bogen, pilene er utan kraft.

<sup>9</sup> Lat dei bli lik snigelen som løyser seg opp i slim, lik den dødfødde som aldri såg sola.

<sup>10</sup> Før grytene kjenner varmen frå tornekvistene, blæs han dei bort, dei friske som dei brennande.

<sup>11</sup> Den rettferdige skal gleda seg når han ser at han får hemn. Han skal vaska føtene i blodet av dei urettferdige.

<sup>12</sup> Då skal menneska seia: «Ja, den rettferdige får si løn. Det finst ein Gud som dømmer på jorda.»

## Salmane 59

- <sup>1</sup> Til korleiareren. «Øydelegg ikkje!» Ein miktam. Av David, då Saul sende folk som skulle vakta på huset for å drepa han.
- <sup>2</sup> Gud, fri meg frå fiendar, vern meg mot dei som reiser seg mot meg!
- <sup>3</sup> Fri meg frå dei som gjer urett, frels meg frå drapsmenn!
- <sup>4</sup> No ligg dei og lurar på meg. Dei sterke kastar seg over meg, men brot eller synder har eg ikkje gjort, Herre.
- <sup>5</sup> Eg er utan skuld, men dei spring fram og stiller opp til strid. Vakna, kom til meg og sjå!
- <sup>6</sup> Gud, Herre Sebaot, du er Israels Gud. Vakna og hald rekneskap med alle folk, ver ikkje nådig mot dei som fer med urett og svik! *Sela*
- <sup>7</sup> Dei kjem att kvar kveld, dei hyler som hundar og går rundt i byen.
- <sup>8</sup> Høyr, dei lèt munnen renna over, leppene er som sverd. Er det nokon som høyrer?
- <sup>9</sup> Men du, Herre, ler av dei, du håner alle folkeslag.
- <sup>10</sup> Min styrke, eg ser etter deg, for Gud er mitt vern.
- <sup>11</sup> Min Gud møter meg med miskunn, han lèt meg sjå ned på mine fiendar.
- <sup>12</sup> Drep dei ikkje, for då gløymer folket. Styrtd dei med makt så dei må flakka omkring, Herre, vårt skjold!
- <sup>13</sup> Orda dei har på leppene, er synd frå deira munn. Lat dei fangast i sitt hovmod! Dei talar forbanning og løgn.
- <sup>14</sup> Gjer ende på dei i din harme, gjer ende på dei, så dei ikkje meir er til. Så skal dei skjønna at det er Gud som rår i Jakob, heilt til endane av jorda. *Sela*
- <sup>15</sup> Dei kjem att kvar kveld, dei hyler som hundar og går rundt i byen.
- <sup>16</sup> Dei flakkar om etter mat, dei knurrar om dei ikkje blir mette.
- <sup>17</sup> Men eg vil syngja om di makt og jubla kvar morgon over di miskunn. For du har vorte mitt vern, ei tilflukt den dagen eg er i naud.

<sup>18</sup>Min styrke, eg vil syngja for deg, for Gud er mitt vern, min Gud som viser miskunn.

## **Salmane 60**

- <sup>1</sup>Til korleiaren. Etter «Vitnemåls-lilja». Ein miktam, til lærdom. Av David,
- <sup>2</sup>då han låg i strid med aramearriket mellom elvane og aramearriket i Soba, og Joab kom att og slo tolv tusen edomittar i Saltdalen.
- <sup>3</sup>Gud, du har støytt oss bort og knust oss. Du var harm. Reis oss opp att!
- <sup>4</sup>Du lét landet skjelva og rivna. Læk brestene, for landet vaklar.
- <sup>5</sup>Du lét folket ditt sjå harde tider, gav oss vin så vi tumla.
- <sup>6</sup>Du reiste ei fane for dei som fryktar deg. Dit kan dei rømme for bogen. *Sela*
- <sup>7</sup>Hjelp oss med di høgre hand, svar meg, så dine kjære kan bli berga.
- <sup>8</sup>Gud har tala i sin heilagdom: «Med jubel vil eg dela ut Sikem, Sukkot-dalen vil eg måla opp.
- <sup>9</sup>Mitt er Gilead og mitt er Manasse, Efraim er hjelmen på mitt hovud, Juda er min styrarstav.
- <sup>10</sup>Men Moab er mitt vaskefat, på Edom kastar eg sandalen. Hyll meg, Filistarland!»
- <sup>11</sup>Kven fører meg til festningsbyen, kven leier meg til Edom?
- <sup>12</sup>Det er du, Gud, du som støytt oss bort og ikkje drog ut med våre hærar.
- <sup>13</sup>Støtt oss mot fienden! Hjelp frå menneske er ingenting verd.
- <sup>14</sup>I Gud skal vi gjera storverk. Han skal trakka ned våre fiendar.

## **Salmane 61**

- <sup>1</sup>Til korleiaren. Med strengespel. Av David.
- <sup>2</sup>Høyr mitt rop, Gud, lytt til mi bøn!
- <sup>3</sup>Frå enden av jorda ropar eg til deg medan hjartet veiknar. Før meg opp på eit berg som er høgare enn eg.

- <sup>4</sup> For du har vore mi tilflukt, eit tårn til vern mot fienden.
- <sup>5</sup> Lat meg alltid få bu i ditt telt, søkja tilflukt i ly av dine venger! *Sela*
- <sup>6</sup> For du, Gud, har høyrte mine lovnader og gjeve dei som fryktar ditt namn, deira arv.
- <sup>7</sup> Legg fleire dagar til kongens dagar, så hans år må vara i slekt etter slekt.
- <sup>8</sup> Lat han trona evig for Gud, lat miskunn og truskap verna han!
- <sup>9</sup> Så skal eg alltid lovsyngja ditt namn og dagleg oppfylla mine lovnader.

## **Salmane 62**

- <sup>1</sup> Til korleieren. Etter Jedutun. Ein salme av David.
- <sup>2</sup> Berre hos Gud er eg stille, frå han kjem mi frelse.
- <sup>3</sup> Berre han er mitt berg og mi frelse og mitt vern, eg skal ikkje vakla.
- <sup>4</sup> Kor lenge kan de alle gå laus på ein mann for å slå han i hel? Han er då ein lutande vegg, ein nedbroten mur.
- <sup>5</sup> Dei legg planar om å støyta han ned, ned frå hans høgd, dei elsker svik. Dei velsignar med munnen, men inst inne forbannar dei. *Sela*
- <sup>6</sup> Berre hos Gud skal eg vera still, frå han kjem mi von.
- <sup>7</sup> Berre han er mitt berg og mi frelse og mitt vern, eg skal ikkje vakla.
- <sup>8</sup> Hos Gud er mi frelse og mi ære. Mitt mektige berg, mi tilflukt er hos Gud.
- <sup>9</sup> Lit alltid på han, de folk, aus ut dykkar hjarte for han! Gud er vår tilflukt. *Sela*
- <sup>10</sup> Småfolk er berre ein pust, stormenn er ei løgn, på vektskåla vippar dei opp, lettare enn eit vindpust er dei alle.
- <sup>11</sup> Set ikkje lit til vald, ha ikkje fåfengd von til rov! Om rikdomen aukar, lat deg ikkje merka med det!
- <sup>12</sup> Éin gong har Gud tala, to ting har eg høyrte: at makta tilhøyrer Gud,

<sup>13</sup> og at all miskunn, Herre, høyrer deg til. Du løner kvar og ein etter det han har gjort.

### **Salmane 63**

<sup>1</sup> Ein salme av David, då han var i Juda-ørkenen.

<sup>2</sup> Gud, du er min Gud, som eg søkjer. Mi sjel tørstar etter deg, min kropp lengtar etter deg i eit vasslaust, tørt og utarma land.

<sup>3</sup> I heilagdomen skoda eg deg, eg såg di makt og din herlegdom.

<sup>4</sup> For di miskunn er betre enn livet. Leppene mine skal syngja din pris.

<sup>5</sup> Slik vil eg velsigna deg heile mitt liv og lyfta hendene i ditt namn.

<sup>6</sup> Eg blir metta som med feite retter, med jublande lepper prisar eg deg.

<sup>7</sup> Eg tenkjer på deg der eg ligg og kviler, og grundar på deg gjennom natta.

<sup>8</sup> For du har vore ei hjelp for meg, eg jublar i skuggen av dine venger.

<sup>9</sup> Eg held fast ved deg, di høgre hand grip tak i meg.

<sup>10</sup> Men det går ille med dei som står meg etter livet, dei skal fara ned i jordedjupet.

<sup>11</sup> Dei skal gjevast over til sverdet og bli til rov for sjakalar.

<sup>12</sup> Men kongen skal gleda seg i Gud. Alle som sver ved han, kan vera stolte, for løgnarmunnen blir stoppa.

### **Salmane 64**

<sup>1</sup> Til korleiaren. Ein salme av David.

<sup>2</sup> Høyr meg, Gud, når eg bed, vern mitt liv når fienden skremmer!

<sup>3</sup> Gøym meg for banden av valdsmenn, for hopen av dei som gjer urett.

<sup>4</sup> Dei kvesser si tunge som eit sverd og siktar inn pilene, dei beiske orda.

<sup>5</sup> Frå bakhald vil dei skyta den skuldlause. Brått skyt dei han, dei er ikkje redde.



<sup>6</sup> Dei styrkjer kvarandre med vonde ord. Dei talar om å setja snarer og seier: «Ingen vil sjå dei.»

<sup>7</sup> Dei tenkjer ut vondskap. «No er vi klare, tanken er tenkt, det er store djup i menneskehjartet!»

<sup>8</sup> Men Gud skyt dei med piler, brått blir dei råka.

<sup>9</sup> Han fører dei til fall, deira eiga tunge rammar dei. Alle som ser dei, blir skaka.

<sup>10</sup> Alle menneske blir gripne av frykt. Dei kunngjer Guds verk og skjønar det han har gjort.

<sup>11</sup> Den rettferdige gleder seg i Herren og søker tilflukt hos han. Den ærlege av hjartet prisar seg lukkeleg.

## **Salmane 65**

<sup>1</sup>Til korleieren. Ein salme av David. Ein song.

<sup>2</sup> Lovsongen høyrer deg til, Gud, på Sion, for deg skal lovnader oppfyllast,

<sup>3</sup> du som høyrer bøner, til deg kjem alle menneske.

<sup>4</sup> Når vår skuld blir for sterk for oss, tilgjev du våre brot.

<sup>5</sup> Sæl er den som du vel ut og tek inn til deg så han får bu i føregardane dine. Vi vil metta oss med det gode i ditt hus, med det heilage i ditt tempel.

<sup>6</sup> Med skremmande gjerningar svarar du oss i rettferd, Gud, vår frelsar. Alle verdsens endar og det yttarste havet stolar på deg.

<sup>7</sup> Du reiste fjella med di kraft, du var kledd med velde.

<sup>8</sup> Du døyvde det brusande havet, bølgebruset og ståket av folka.

<sup>9</sup> Dei som bur lengst unna, blir gripne av frykt ved dine teikn. Ved morgonens og kveldens portar skaper du jubel.

<sup>10</sup> Du gjestar jorda og lèt henne drikka djupt, du gjer henne overdådig rik. Guds bekk er full av vatn, du sørgjer for kornet, ja, såleis sørgjer du for henne.

<sup>11</sup> Du vatnar fòrene, jamnar plogveltene, med regnskurer gjer du jorda mjuk, du velsignar hennar grøde.

<sup>12</sup> Du kronar året med dine gode gåver, spora dine flyt over av rikdom,

<sup>13</sup> beita i øydemarka flyt over, haugane smykkar seg med jubel.

<sup>14</sup> Markene kler seg med sauer, dalane sveiper seg i korn. Dei ropar av glede, dei syng.

## **Salmane 66**

<sup>1</sup> Til korleiarene. Ein song. Ein salme. Rop med jubel for Gud, all jorda!

<sup>2</sup> Spel og syng til ære for hans namn, gjev han pris og ære!

<sup>3</sup> Sei til Gud: «Kor skremmande dine gjerningar er!» Fienden kryp for di store makt.

<sup>4</sup> Heile jorda skal bøya seg for deg, dei skal spela for deg og lovsyngja ditt namn. *Sela*

<sup>5</sup> Kom og sjå alt Gud har gjort, skremmande er hans gjerningar mellom menneska.

<sup>6</sup> Han gjorde sjø til tørt land, gjennom elva gjekk dei til fots. Difor gleder vi oss over han.

<sup>7</sup> Han herskar med velde til evig tid, hans auge granskar folkeslag. Ingen opprørar skal reisa seg. *Sela*

<sup>8</sup> De folk, velsign vår Gud! Lat lovsongen lyda for han.

<sup>9</sup> Han held oss i live og lét ikkje våre føter vakla.

<sup>10</sup> For du har prøvd oss, Gud, reinsa oss som dei reinsar sølv.

<sup>11</sup> Du lét oss gå i garnet, du la ei bør av motgang på våre hofter.

<sup>12</sup> Du lét menneske ri over våre hovud, vi gjekk gjennom eld og vatn. Så førte du oss ut til overflod.

<sup>13</sup> Eg kjem med brennoffer til ditt hus, eg vil halda det eg lova deg,

<sup>14</sup>det leppene tala, det munnen sa då eg var i naud.

<sup>15</sup>Eg gjev deg feite dyr som brennoffer saman med røyken av vêrar. Eg ofrar både oksar og bukkar. *Sela*

<sup>16</sup>Kom og høyr, alle de som fryktar Gud, eg skal fortelja kva han har gjort mot meg.

<sup>17</sup>Min munn ropa til han, på tunga var det lovsong.

<sup>18</sup>Hadde eg urett i sinne, ville Herren ikkje ha høyrte meg.

<sup>19</sup>Men Gud har høyrte! Han vende øyret til mi bøn.

<sup>20</sup>Velsigna er Gud. Han la ikkje mi bøn til side og tok ikkje frå meg si miskunn.

### **Salmane 67**

<sup>1</sup>Til korleiaren. Til strengespel. Ein salme. Ein song.

<sup>2</sup>Gud vere oss nådig og velsigne oss, Gud la sitt andlet lysa for oss! *Sela*

<sup>3</sup>Då skal din veg bli kjend på jorda, di frelse mellom alle folkeslag.

<sup>4</sup>Folka skal prisa deg, Gud, alle folk skal prisa deg!

<sup>5</sup>Lat folkeslag gleda seg og jubla, for du dømmer folka med rettferd og leier folkeslaga på jorda. *Sela*

<sup>6</sup>Folka skal prisa deg, Gud, alle folk skal prisa deg!

<sup>7</sup>Jorda har gjeve si grøde. Gud, vår Gud velsignar oss.

<sup>8</sup>Gud skal velsigna oss! Heile jorda skal frykta han!

### **Salmane 68**

<sup>1</sup>Til korleiaren. Av David. Ein salme. Ein song.

<sup>2</sup>Gud skal reisa seg, hans fiendar bli spreidde, dei som hatar han, skal rømme for han.

<sup>3</sup>Slik røyk driv bort, skal du driva dei bort. Slik voks må smelta for elden, går dei urettferdige til grunne for Gud.

- <sup>4</sup>Men dei rettferdige skal gleda seg, fryda seg for Guds andlet og jubla av glede.
- <sup>5</sup>Syng for Gud! Lovsyng hans namn! Rydd veg for han som rid gjennom øydemark! Herren er hans namn. Jubla for han!
- <sup>6</sup>Gud i sin heilage bustad er far for farlause, forsvarar for enkjer.
- <sup>7</sup>Gud lét einsame finna ein heim, han fører fangar ut til lukke og trivsel, men opprørarar må bu i eit audt og avsvidd land.
- <sup>8</sup>Gud, då du drog ut framfor folket ditt, då du skreid fram gjennom ørkenen, *Sela*
- <sup>9</sup>då skalv jorda, og det draup frå himmelen for Gud, Sinais Gud, Israels Gud.
- <sup>10</sup>Du lét regnet strøyma, Gud, ditt utarma land gav du styrke.
- <sup>11</sup>Der fekk flokken din slå seg ned. Gud, du sørgde for dei hjelpelause, for du er god.
- <sup>12</sup>Herren sender ut eit ord, stor er skaren av kvinner som kjem med gledebod:
- <sup>13</sup>«Kongar over hærar flyktar, dei flyktar! Kvinnene heime deler bytte.
- <sup>14</sup>Sjølv til dykk som låg mellom sauene, er det duevenger dekte med sølv, vengefjører av grønt gull.
- <sup>15</sup>Då Den veldige spreidde kongane, snødde det på Salmon-fjellet.»
- <sup>16</sup>Basan-fjellet er eit gudedefjell, Basan-fjellet med høge tindar.
- <sup>17</sup>Høge tindar, kvifor ser de skeivt til fjellet som Gud ville ha til bustad, der Herren vil bu for alltid?
- <sup>18</sup>Guds vogner er ti tusen gonger tusen, Herren er mellom dei, heilag som på Sinai.
- <sup>19</sup>Du steig opp i det høge, førte bort fangar, tok gåver blant menneska, jamvel opprørarar, så du kunne bu der, Herre og Gud.
- <sup>20</sup>Velsigna er Herren dag etter dag! Gud er vår redning, han ber oss. *Sela*

- <sup>21</sup> Vår Gud er ein Gud som frelser, hos Gud Herren er det utveg frå døden.
- <sup>22</sup> Men Gud knuser hovudet på sine fiendar, den hårete skallen på dei som stadig lever i skuld.
- <sup>23</sup> Herren seier: «Eg fører deg tilbake frå Basan, eg fører deg tilbake frå havsens djup,
- <sup>24</sup> så foten din kan vassa i blod og tunga til hundane dine få sin del av fienden.»
- <sup>25</sup> Folk har sett ditt festtog, Gud, festtoget til min Gud og konge i hans heilagdom.
- <sup>26</sup> Songarar går føre, bak går dei som spelar harpe, i midten unge jenter som slår på tromme.
- <sup>27</sup> Lovpris Gud, kor mot kor, lov Herren, de som er av Israels kjelde!
- <sup>28</sup> Der er Benjamin, den yngste, som herskar over dei, Judas hovdingar i flokk og hovdingane i Sebulon og Naftali.
- <sup>29</sup> Gud, vis din styrke, vis deg sterk, Gud, slik vi før har sett.
- <sup>30</sup> Fordi ditt tempel ragar over Jerusalem, kjem kongar til deg med gåver.
- <sup>31</sup> Du skal truga villdyret i sivet, flokken av oksar og kalvane til folka! Trakk ned dei som traktar etter sølv, spreid folk som vil strid!
- <sup>32</sup> Dei skal koma med bronse frå Egypt, i hast strekkjer Kusj hendene mot Gud.
- <sup>33</sup> Syng for Gud, de kongerike på jorda, syng og spel for Herren, *Sela*
- <sup>34</sup> for han som rid på himmelen, den eldgamle himmelen. Høyr, han lyfter si røyst, ei mektig røyst!
- <sup>35</sup> Gjev Gud makt! Han har herrevelde over Israel, hans makt når til skyene.
- <sup>36</sup> Frå sin heilagdom vekkjer Gud frykt. Israels Gud gjev kraft og styrke til folket. Velsigna er Gud!

## Salmane 69

- <sup>1</sup>Til korleiareren. Etter «Liljene». Av David.
- <sup>2</sup>Frels meg, Gud! Vatnet når meg til halsen.
- <sup>3</sup>Eg har sokke ned i myr og djup, foten finn ikkje feste. Eg er komen ut på djupt vatn, flaumen skyl over meg.
- <sup>4</sup>Eg er trøytt av å ropa, halsen er hås, auga sloknar, eg har venta på min Gud.
- <sup>5</sup>Dei som hatar meg utan grunn, er fleire enn håra eg har på hovudet. Mine svikefulle fiendar er mange, dei som vil gjera ende på meg. Det eg ikkje har røva, må eg likevel gje tilbake.
- <sup>6</sup>Gud, du veit kor dum eg er, mine brot er ikkje løynde for deg.
- <sup>7</sup>Lat ikkje dei som vonar på deg, Herre Gud Sebaot, bli til skamme på grunn av meg! Lat ikkje dei som søker deg, skjemmast på grunn av meg, Israels Gud!
- <sup>8</sup>For di skuld har eg bore spott, andletet er dekt av skam.
- <sup>9</sup>Eg har vorte ein framand for mine brør, ein ukjend for sønene til mor mi.
- <sup>10</sup>Brennande iver for ditt hus har tært meg opp. På meg fall spottorda frå dei som spottar deg.
- <sup>11</sup>Eg gret og fasta, då vart eg spotta.
- <sup>12</sup>Eg kledde meg i sekkestrie, då laga dei spottevers om meg.
- <sup>13</sup>Dei snakkar om meg når dei sit i porten, syng om meg når dei drikk seg fulle.
- <sup>14</sup>Men eg bed til deg, Herre, i nådens tid, til deg, Gud, i di store miskunn. Svar meg med di trufaste hjelp.
- <sup>15</sup>Berg meg frå å søkka i gjørma, berg meg frå dei som hatar meg, frå det djupe vatnet!
- <sup>16</sup>Lat ikkje flaumvatnet skylja over meg, lat ikkje djupet sluka meg eller brønnen lata att sin munn over meg!

- <sup>17</sup> Svar meg, Herre, for di miskunn er god, vend deg til meg i din store kjærleik!
- <sup>18</sup> Løyn ikkje andletet for din tenar, for eg er i naud. Skund deg og svar meg!
- <sup>19</sup> Kom til meg, løys meg ut, fri meg frå mine fiendar!
- <sup>20</sup> Du veit korleis eg blir spotta, du kjenner mi vanære og mi skam. Du ser alle som står imot meg.
- <sup>21</sup> Spott har knust mitt hjarte, det kan ikkje lækjast. Fåfengt vona eg på medynk, eg fann ingen som kunne trøysta.
- <sup>22</sup> Dei gav meg gift i maten; då eg var tørst, fekk eg eddik å drikka.
- <sup>23</sup> Lat bordet deira bli ei snare for dei og ei felle for deira vener.
- <sup>24</sup> Lat auga deira dimmast så dei ikkje kan sjå! Lat alltid hoftene deira skjelva!
- <sup>25</sup> Aus ut din harme over dei, lat din brennande vreide nå dei!
- <sup>26</sup> Lat leiren deira liggja i øyde, lat ingen bu i deira telt.
- <sup>27</sup> For dei jagar etter dei du har slege, og aukar smerta hos dei du har såra.
- <sup>28</sup> Legg skuld til den skulda dei har, lat dei ikkje få del i di rettferd!
- <sup>29</sup> Lat dei strykast ut av livsens bok og ikkje skrivast inn med dei rettferdige.
- <sup>30</sup> Men eg er hjelpelaus og lidande, Gud, hjelp meg og vern meg!
- <sup>31</sup> Eg vil prisa Guds namn med song og hylla han med lovsong.
- <sup>32</sup> Det gleder Herren meir enn stutar, meir enn oksar med horn og klauver.
- <sup>33</sup> Dei hjelpelause ser det og blir glade. Må hjartet dykkar leva, de som søker Gud!
- <sup>34</sup> For Herren høyrer på dei fattige, han foraktar ikkje sine egne når dei er fangar.
- <sup>35</sup> Lat himmelen og jorda prisa han, havet og alt som rører seg der.
- <sup>36</sup> For Gud skal berga Sion og byggja opp byane i Juda. Dei skal bu der og eiga landet.

<sup>37</sup> Hans tenarars ætt skal arva det, dei som elsker hans namn, skal bu der.

## **Salmane 70**

<sup>1</sup>Til korleiarene. Av David. Til påminning.

<sup>2</sup>Skund deg, Gud, og hjelp meg, Herre, fri meg ut!

<sup>3</sup>Lat dei som står meg etter livet, bli til skamme og til spott! Lat dei som vil meg vondt, dra seg tilbake utan ære!

<sup>4</sup>Lat dei som ler hånleg, snu seg bort i skam.

<sup>5</sup>Lat alle som søker deg, fryda og gleda seg i deg! Lat dei som elsker di frelse, alltid seia: «Stor er Gud!»

<sup>6</sup>Men eg er hjelpelaus og fattig. Skund deg, Gud! Du er mi hjelp, du bergar meg. Herre, dryg ikkje lenger!

## **Salmane 71**

<sup>1</sup>Hos deg, Herre, søker eg tilflukt, lat meg aldri bli til skamme!

<sup>2</sup>Berg meg og fri meg ut i di rettferd, vend øyret til meg og frels meg!

<sup>3</sup>Ver meg eit vern og eit berg dit eg alltid kan koma! Du har sagt at du vil frelsa meg, du er mitt fjell og mi borg.

<sup>4</sup>Fri meg, Gud, frå handa til dei lovause, frå grepet til dei som fer med urett og vald!

<sup>5</sup>Du er mi von, min Herre og Gud, mi trøyst frå eg var ung.

<sup>6</sup>Frå eg vart fødd, har eg stødd meg til deg, frå mors liv er du min styrke. Eg vil alltid prisa deg.

<sup>7</sup>Eg har vorte til eit teikn for mange, du er mi tilflukt og mitt vern.

<sup>8</sup>Min munn er full av lovsong, eg syng om din herlegdom dagen lang.

<sup>9</sup>Kast meg ikkje bort i alderdoms år, forlat meg ikkje når kreftene tek slutt!

<sup>10</sup>Fiendane mine talar om meg, dei som står meg etter livet, held råd.



- 11** Dei seier: «Gud har forlate han. Jag han og grip han! Det er ingen som bergar han.»
- 12** Ver ikkje langt borte frå meg, Gud. Min Gud, skund deg og hjelp meg!
- 13** Lat dei som set fram klagemål mot meg, bli til skamme og gå til grunne. Lat dei som søkjer mi ulukke, bli dekte av vanære og skam!
- 14** Men eg vil alltid venta med von, eg vil leggja min lovsong til all lovsong du får.
- 15** Min munn skal fortelja om di rettferd, dagen lang om di frelse, endå dine gjerningar ikkje kan teljast.
- 16** Eg vil tala om Herren Guds storverk, forkynna di rettferd, di åleine.
- 17** Gud, frå eg var ung, har du lært meg opp. Framleis fortel eg om dine under.
- 18** Gud, forlat meg ikkje sjølv når eg blir gammal og grå, lat meg tala om di kraft til heile den slekta som kjem. Ditt velde
- 19** og di rettferd, Gud, når til det høgste. Du som har gjort så store ting, Gud, kven er som du?
- 20** Trengsler og ulukker lét du meg sjå, men du vekkjer meg til liv på nytt, og du lyfter meg opp att frå djupa under jorda.
- 21** Gjev meg min stordom tilbake, vend deg til meg og trøyst meg!
- 22** Så vil eg prisa deg til harpespel, prisa din truskap, min Gud. Eg vil syngja for deg og spela på lyre, du Israels Heilage.
- 23** Når eg spelar for deg, skal leppene mine jubla, mi sjel som du har fria ut.
- 24** Også tunga mi skal tala dagen lang om di rettferd. For dei som vil meg vondt, har vorte til skamme og til spott.

## **Salmane 72**

- 1** Av Salomo. Gud, lær kongen å dømme som du, gjev kongssonen di rettferd!
- 2** Han skal dømme ditt folk med rettferd, dine hjelpelause med lov og rett!
- 3** Fjella skal gje folket fred og haugane bera rettferds frukt.

<sup>4</sup>Han skal la dei verjelause i folket få sin rett, han skal berga dei fattige. Undertrykkjaren skal han knusa.

<sup>5</sup>Lat han leva frå slekt til slekt, så lenge sol og måne er til!

<sup>6</sup>Han skal koma som regn på nyslegen eng, lik ei regnskur som vatnar jorda.

<sup>7</sup>Rettferd skal spira i hans dagar og freden vera stor til månen forgår.

<sup>8</sup>Han skal styra frå hav til hav, frå Storelva til heimsens endar.

<sup>9</sup>Dei som bur i ørkenen, skal bøya seg for han, fienden skal slikka støvet.

<sup>10</sup>Kongar frå Tarsis og fjerne strender skal senda skatt til han. Kongane i Saba og Seba skal koma med gåver.

<sup>11</sup>Alle kongar skal kasta seg ned for han, alle folkeslag skal tena han.

<sup>12</sup>Han bergar ein fattig som ropar, ein stakkar som ingen hjelper.

<sup>13</sup>Han bryr seg om fattige og veike, han bergar livet til dei fattige.

<sup>14</sup>Han løyser dei frå tvang og vald, deira liv er dyrt i hans auge.

<sup>15</sup>Kongen skal leva og få gull frå Saba! Folk skal alltid be for han og velsigna han dagen lang.

<sup>16</sup>Lat kornhaugane bli høge som fjell, grøda bølga som Libanons skog. Lat byane bløma som graset på marka!

<sup>17</sup>Lat namnet hans leva til evig tid, skyta friske skot så lenge sola er til! Dei skal velsigna seg ved han, alle folk skal prisa han sæl.

<sup>18</sup>Velsigna er Herren, Israels Gud, han som gjer under, berre han,

<sup>19</sup>og velsigna er hans herlege namn til evig tid! All jorda skal fyllast med hans herlegdom. Amen! Ja, amen!

<sup>20</sup>Bønene av David, son til Isai, er til ende.

## Salmane 73

### Tredje boka

#### *Salme 73–89*

- <sup>1</sup> Ein salme av Asaf. Sanneleg, Gud er god mot Israel, mot dei som er reine av hjartet.
- <sup>2</sup> Men eg var nær ved å snubla, foten heldt på å gli ut.
- <sup>3</sup> For eg var misunneleg på dei hovmodige, eg såg at det gjekk dei urettferdige vel.
- <sup>4</sup> Dei er utan plager til sin død, magen er god og mett.
- <sup>5</sup> Dei lid ikkje som andre menneske, dei blir ikkje plaga som andre folk.
- <sup>6</sup> Difor er hovmod deira halskjede, dei er kledde i ei drakt av vald.
- <sup>7</sup> Synda deira kjem av velstand, hjartans tankar fløymer over.
- <sup>8</sup> Dei spottar, dei talar i vondskap, ovanfrå trugar dei med vald.
- <sup>9</sup> Dei lyfter munnen mot himmelen, og tunga fer omkring på jorda.
- <sup>10</sup> Difor vender folk seg til dei og syg i seg deira ord.
- <sup>11</sup> Dei seier: «Korleis skulle Gud vita om det? Har Den høgste kjennskap til noko?»
- <sup>12</sup> Slik er dei urettferdige, støtt er dei trygge og aukar sin rikdom.
- <sup>13</sup> Fåfengt har eg halde hjartet reint og vaska hendene i uskuld.
- <sup>14</sup> For eg vart plaga heile dagen, tala til rette kvar morgon.
- <sup>15</sup> Hadde eg sagt: «Slik vil eg tala», då hadde eg svike dine born.
- <sup>16</sup> Så tenkte eg etter, ville skjøna dette. Det var pinefullt å sjå,
- <sup>17</sup> heilt til eg gjekk inn i Guds heilagdom; då skjøna eg kva framtid dei får.
- <sup>18</sup> Ja, du fører dei ut på glatte vegar, du får dei til å falla og bli knuste.
- <sup>19</sup> Brått går dei til grunne, det er slutt, dei endar i redsle.
- <sup>20</sup> Dei er som ein draum når ein vaknar. Du foraktar synet av dei når du reiser deg, Herre.
- <sup>21</sup> Så lenge eg var beisk i hjartet og det stakk i nyrene,
- <sup>22</sup> var eg dum og visste ingen ting, som eit fe var eg mot deg.

- <sup>23</sup> Men eg blir alltid verande hos deg, du har gripe mi høgre hand.
- <sup>24</sup> Du leier meg med ditt råd, og sidan tek du imot meg i herlegdom.
- <sup>25</sup> Kven har eg elles i himmelen? Når eg er hos deg, har eg ikkje glede i noko på jorda.
- <sup>26</sup> Om kropp og hjarte forgår, er Gud for evig mitt hjartans berg og min del.
- <sup>27</sup> Dei som held seg borte frå deg, går til grunne, du gjer ende på alle som er utrue mot deg.
- <sup>28</sup> Men for meg er det godt å vera nær Gud. Eg har teke mi tilflukt til Herren Gud. Eg vil fortelja om alle dine gjerningar.

### **Salmane 74**

- <sup>1</sup> Ein læresalme av Asaf. Gud, kvifor har du støytt oss bort for alltid? Kvifor flammar din vreide mot dei du gjeter?
- <sup>2</sup> Kom i hug flokken du vann deg i gammal tid, din eigen stamme som du fria ut, Sion-fjellet der du slo deg ned.
- <sup>3</sup> Gå opp til ruinen som ligg knust for alltid! I heilagdomen har fienden øydelagt alt.
- <sup>4</sup> Motstandarane brølte der du samlar ditt folk. Sine eigne hærmerke sette dei opp.
- <sup>5</sup> Det var som når ein lyfter øksar i tjukke skogen.
- <sup>6</sup> Slik slo dei sund alt det utskorne med øks og med brekkstong.
- <sup>7</sup> Dei sette eld på din heilagdom, dei vanhelga og reiv ned staden der namnet ditt bur.
- <sup>8</sup> Dei tenkte: «Vi underkuar dei alle saman!» Dei brende alle Guds samlingsstader i landet.
- <sup>9</sup> Vi ser ikkje våre eigne merke. Profetar finst ikkje lenger. Ingen hos oss veit kor lenge dette skal vara.

- <sup>10</sup>Kor lenge, Gud, skal fienden spotta? Skal motstandaren forakta ditt namn for alltid?
- <sup>11</sup>Kvifor held du høgre handa tilbake? Lyft handa frå fanget og gjer slutt på dette!
- <sup>12</sup> Men Gud, min konge frå gammal tid, du som gjer frelsesverk på jorda,
- <sup>13</sup> du kløyvde havet med di makt og krasa hovuda til uhyra i vatnet.
- <sup>14</sup> Du slo sund hovuda til Leviatan og gav han til føde for folket i ørkenen.
- <sup>15</sup> Du braut veg for kjelder og bekker, du tørka ut mektige elvar.
- <sup>16</sup> Din er dagen, og di er natta, du sette himmellysa og sola på plass.
- <sup>17</sup>Du fastsette alle grenser på jorda, sommar og vinter er det du som har skapt.
- <sup>18</sup>Hugs dette: Fienden spottar Herren, eit folk av dårar foraktar ditt namn.
- <sup>19</sup>Gjev ikkje turteldua di til vilddyr, gløym aldri dine armingars liv!
- <sup>20</sup> Vend blikket mot di pakt! Landet er fullt av mørke stader der valden bur.
- <sup>21</sup>Lat ikkje den undertrykte gå bort med skam, lat dei fattige og hjelpelause prisa ditt namn!
- <sup>22</sup> Reis deg, Gud, og før di sak! Hugs at du blir spotta av dårar dagen lang.
- <sup>23</sup>Gløym ikkje ropet frå dine fiendar, larmen som alltid stig frå dei som står deg imot.

## **Salmane 75**

- <sup>1</sup>Til korleieren. «Øydelegg ikkje!» Ein salme av Asaf. Ein song.
- <sup>2</sup>Gud, vi prisar og takkar deg. Vi kallar på ditt namn og fortel om dine underfulle verk.
- <sup>3</sup>«Eg har fastsett ei tid då eg skal halda rettferdig dom.
- <sup>4</sup>Jorda og alle som bur der, kan vakla, men eg har gjort hennar søyler faste.» *Sela*

<sup>5</sup>Eg sa til dei som skryter: «Skryt ikkje!» og til dei urettferdige: «Kneis ikkje med horna!

<sup>6</sup>Lyft ikkje horna mot det høge, gjer ikkje nakken bratt og talen frekk!»

<sup>7</sup>For i aust og i vest og i ørkenen er det er ingen som kan reisa opp.

<sup>8</sup>Men det er Gud som dømmer. Éin bøyer han ned, og éin reiser han opp.

<sup>9</sup>Herren har eit beger i handa med skummande, krydra vin. Han skjenkjer i av vinen, og alle urettferdige på jorda må drikka, jamvel botnfallet må dei tømme.

<sup>10</sup>Eg vil alltid fortelja om dette, spela og syngja for Jakobs Gud.

<sup>11</sup>«Eg høgg av kvart horn på dei lovause, men dei rettferdiges horn skal få kneisa.»

## **Salmane 76**

<sup>1</sup>Til korleiaren. Med strengespel. Ein salme av Asaf. Ein song.

<sup>2</sup>Gud er kjend i Juda, hans namn er stort i Israel.

<sup>3</sup>I Salem er hans hytte reist, på Sion står hans bustad.

<sup>4</sup>Der braut han sund lynande piler, krigens våpen, skjold og sverd. *Sela*

<sup>5</sup>Du er strålande og herleg, meir enn dei evige fjell.

<sup>6</sup>Modige menn vart plyndra. Kvar krigar hadde sovna inn, ingen kunne lyfta ei hand.

<sup>7</sup>Hest og ryttar fall i uvit då du truga, Jakobs Gud.

<sup>8</sup>Du er den som alle må frykta. Kven kan stå for ditt andlet når du blir vreid?

<sup>9</sup>Frå himmelen kunngjorde du din dom. Jorda frykta og tagde

<sup>10</sup> då Gud stod opp for å dømme, for å frelsa alle hjelpelause på jord. *Sela*

<sup>11</sup>Sjølv harmen frå menneske blir til lovsong for deg, harmen endar med høgtid.

<sup>12</sup> Gjev lovnader til Herren dykkar Gud, lat han få det de har lova! Alle omkring han skal koma med gåver til han som dei fryktar.

<sup>13</sup> Han tek motet frå fyrstar, kongane på jorda må frykta han.

## **Salmane 77**

<sup>1</sup> Til korleieren. Etter Jedutun. Av Asaf. Ein salme.

<sup>2</sup> Eg ropar til Gud, eg skrik. Eg ropar til Gud, og han høyrer meg.

<sup>3</sup> Den dagen eg er i naud, søker eg Herren. Om natta retter eg handa ut, ho trøytnar ikkje. Mi sjel lèt seg ikkje trøysta.

<sup>4</sup> Eg tenkjer på Gud og sukkar, eg grublar, og mi ånd veiknar. *Sela*

<sup>5</sup> Du held auga mine opne, eg er uroleg, eg kan ikkje tala.

<sup>6</sup> Eg tenkjer på gamle dagar, minnest framfarne år.

<sup>7</sup> Om natta tenkjer eg på dette, hjartet grublar, ånda granskar.

<sup>8</sup> Vil Herren støyta oss bort for alltid og ikkje lenger vera god mot oss?

<sup>9</sup> Er hans miskunn slutt for evig, er ordet hans borte for alle slekter?

<sup>10</sup> Har Gud gløymt å vera nådig, har han late att hjartet i vreide? *Sela*

<sup>11</sup> Eg seier: «Dette plagar meg: høgre handa til Den høgste er ikkje lenger den same.»

<sup>12</sup> Eg minnest Herrens verk, minnest dine under frå gammal tid.

<sup>13</sup> Eg grundar på alt du gjorde, og grublar over dine storverk.

<sup>14</sup> Gud, i heilagdom går du fram. Kven er ein gud så stor som vår Gud?

<sup>15</sup> Du er den Gud som gjer under, mellom folka lèt du di makt bli kjend.

<sup>16</sup> Med sterk arm løyste du folket ditt ut, sønene til Jakob og Josef. *Sela*

<sup>17</sup> Vatnet såg deg, Gud, vatnet såg deg og skalv, det store djupet bivra.

<sup>18</sup> Skyene auste ut vatn, det torna frå tunge skyer, pilene dine lynte att og fram.

<sup>19</sup>Di torerøyst rulla i stormen, lyna lyste opp verda. Jorda riste og skalv.

<sup>20</sup>Din veg gjekk gjennom sjøen, din stig gjennom veldige vatn. Ingen kjende dine fotspor.

<sup>21</sup>Ved handa til Moses og Aron førte du folket ditt som ein flokk med sauer.

## **Salmane 78**

<sup>1</sup>Ein læresalme av Asaf. Lytt, mitt folk, til mi lov, vend øyra til orda frå min munn!

<sup>2</sup>Eg vil opna munnen og tala i bilete, la gåter frå gammal tid strøyma fram.

<sup>3</sup>Det vi har høyrte og kjenner til, det fedrane våre har fortalt oss,

<sup>4</sup>det løyner vi ikkje for deira born. For neste slektsledd vil vi lovprisa Herren, hans velde og det underfulle han har gjort.

<sup>5</sup>Han sette opp lovbod i Jakob, gav ei lov i Israel som han baud våre fedrar gjera kjend for sine born,

<sup>6</sup>så neste slektsledd, dei born som sidan vart fødde, skulle læra lova å kjenna. Dei skulle stå fram og kunngjera henne for sine born,

<sup>7</sup>så dei kunne setja si lit til Gud og ikkje gløyma Guds gjerningar, men halda hans bod.

<sup>8</sup>Dei skulle ikkje bli som sine fedrar, ei slekt som var trassig og opprørsk, ei slekt som ikkje gjorde hjartet fast og ikkje var trufast mot Gud i si ånd.

<sup>9</sup>Efraim-folket, væpna med bogar, snudde på stridens dag.

<sup>10</sup>Dei heldt ikkje Guds pakt og nekta å følgja hans lov.

<sup>11</sup>Dei gløymde hans gjerningar, dei underfulle verk han hadde synt dei.

<sup>12</sup>Han gjorde under for deira fedrar i Egypt, på markene ved Soan.

<sup>13</sup>Han kløyvde havet og førte dei over medan han lét vatnet stå som ein voll.

<sup>14</sup>Om dagen leidde han dei i ei sky, heile natta i ein lysande eld.

<sup>15</sup>Han kløyvde berga i øydemarka og lét dei drikka som frå det store djupet.



- <sup>16</sup>Han lét bekker strøyma fram or fjellet, lét vatnet renna ned som elvar.
- <sup>17</sup>Men dei heldt fram med å synda mot han, dei trassa Den høgste i det tørre landet.
- <sup>18</sup> Dei sette Gud på prøve i sitt hjarte då dei kravde mat til seg sjølve.
- <sup>19</sup> Dei tala mot Gud. Dei sa: «Kan Gud dekkja bord i ørkenen?»
- <sup>20</sup>Vel slo han på berget så vatnet rann og bekkene fløynde fram. Men kan han òg skaffa brød eller sørgja for kjøt til sitt folk?»
- <sup>21</sup> Då Herren høyrde det, vart han harm. Ein eld braut ut mot Jakob, vreide reiste seg mot Israel
- <sup>22</sup>fordi dei ikkje stola på Gud og leit på hans frelse.
- <sup>23</sup>Han gav bod til skyene i det høge og opna himmelens dører,
- <sup>24</sup> han lét manna regna over dei til føde, han gav dei korn frå himmelen.
- <sup>25</sup>Englebrød fekk menneska eta. Gud sende mat, og dei vart mette.
- <sup>26</sup> Han lét austavinden fara ut frå himmelen, førte sønnavinden fram ved si makt.
- <sup>27</sup>Han lét kjøt regna ned over dei som støv, fuglar så mange som havsens sand.
- <sup>28</sup>Midt i leiren lét han dei falla, rundt omkring telta.
- <sup>29</sup>Dei åt seg meir enn mette, han gav dei det dei hadde lyst på.
- <sup>30</sup>Men før dei hadde snudd seg bort frå det, medan dei enno hadde mat i munnen,
- <sup>31</sup>då reiste Guds vreide seg mot dei. Dei kraftigaste blant dei drap han, Israels unge menn tvinga han i kne.
- <sup>32</sup> Likevel heldt dei fram med å synda og leit ikkje på hans underfulle verk.
- <sup>33</sup>Så lét han deira dagar enda i ein pust, deira leveår i redsle.
- <sup>34</sup>Når han drap, søkte dei han, dei vende om og leita etter Gud.

- 35 Dei kom i hug at Gud er deira berg, at Gud, Den høgste, er deira utløysar.
- 36 Likevel narra dei han med munnen, dei laug for han med tunga.
- 37Hjartet heldt ikkje fast ved han, dei var ikkje trufaste mot hans pakt.
- 38 Men han var miskunnsam, han tilgav synda og øydela dei ikkje. Gong på gong heldt han att sin vreide og sleppte ikkje all sin harme laus.
- 39 Han kom i hug at dei var av kjøt og blod, vind som fer av stad og ikkje vender attende.
- 40Kor ofte trassa dei han ikkje i ørkenen! I øydemarka gjorde dei han sorg.
- 41Stadig sette dei Gud på prøve og krenkte Israels Heilage.
- 42Dei hugsa ikkje at han greip inn den dagen han fria dei frå fienden,
- 43då han viste sine teikn i Egypt, sine underfulle verk på markene ved Soan.
- 44 Han gjorde elvane til blod, ingen kunne drikka av bekkene.
- 45 Han sende insekt som åt dei, og frosk som øydela.
- 46 Han lét grashoppa gnaga opp avlinga, grashoppesvermen fekk grøda.
- 47 Han øydela vinstokkane med hagl og morbærtrea med frost.
- 48Han sende hagl over feet og eld over buskapen.
- 49 Han sende mot dei sin brennande vreide, harme, sinne og trengsle, englar vart sende med ulukke.
- 50Han bana veg for sin vreide og sparte dei ikkje for døden, men overgav deira liv til pesten.
- 51 Han slo alle førstefødde i Egypt, førstegrøda av krafta i Hams telt.
- 52 Så lét han folket sitt dra ut som sauer, i ørkenen førte han dei som ein flokk.
- 53 Han leidde dei trygt, dei frykta ikkje, havet skyldte over fienden.
- 54 Han førte dei til sitt heilage land, til fjellet hans høgre hand hadde vunne.

<sup>55</sup> Han dreiv folkeslag bort for dei og målte ut eigedom til dei med målesnor. Han lét Israels stammar flytta inn telta.

<sup>56</sup> Men dei utfordra og trassa Gud, Den høgste, og heldt ikkje hans bod.

<sup>57</sup> Dei drog seg tilbake og var trulause som sine fedrar, dei svikta, lik ein boge som blir slakk.

<sup>58</sup> Med sine offerhaugar gjorde dei han rasande, med avgudsbilete gjorde dei han sjalu.

<sup>59</sup> Gud hørde det og vart harm, han vraka Israel heilt og fullt.

<sup>60</sup> Han gav opp sin bustad i Sjilo, det teltet han budde i blant menneske.

<sup>61</sup> Han overgav si makt til fangenskap, sin glans i handa til fienden.

<sup>62</sup> Han overgav folket sitt til sverdet, han vart harm på sin eigedom.

<sup>63</sup> Elden øydde deira unge stridsmenn, jentene fekk ingen bryllaupssong.

<sup>64</sup> Prestane deira fall for sverd, enkjene fekk ikkje gråta.

<sup>65</sup> Då vakna Herren lik ein som har sove, lik ein stridsmann drukken av vin.

<sup>66</sup> Han slo motstandarane sine tilbake og gav dei evig skam.

<sup>67</sup> Han vraka Josefs telt, han valde ikkje ut Efraims stamme.

<sup>68</sup> Men Judas stamme valde han, og Sion-fjellet, som han elsker.

<sup>69</sup> Han bygde sin heilagdom lik den høge himmelen, lik jorda, som han grunnla for alltid.

<sup>70</sup> Han valde ut David, frå sauekvea henta han sin tenar.

<sup>71</sup> Han førte han bort frå søyene så han skulle gjeta Jakob, hans folk, og Israel, hans eigedom.

<sup>72</sup> Han gjette dei med eit heilt hjarte og leidde dei med kunnig hand.

## Salmane 79

<sup>1</sup> Ein salme av Asaf. Gud, folka har trengt seg inn på din eigedom. Dei har gjort ditt heilage tempel ureint og lagt Jerusalem i røys.

<sup>2</sup>Lika av tenarane dine har dei gjeve til føde for himmelens fuglar og kjøtet av dine trugne til villdyra på jorda.

<sup>3</sup>Dei har aust ut blodet deira som vatn omkring Jerusalem, og det er ingen som gravlegg dei.

<sup>4</sup>Vi har vorte til hån for grannane, til spott for dei som bur omkring oss.

<sup>5</sup>Kor lenge, Herre? Vil du vera harm for alltid? Kor lenge skal din lidenskap brenna som eld?

<sup>6</sup>Aus vreiden ut over folkeslag som ikkje kjenner deg, over kongerike som ikkje kallar på ditt namn.

<sup>7</sup>For dei har slukt Jakob og lagt hans bustad i øyde.

<sup>8</sup>Tilrekna oss ikkje gamle synder! Skund deg, lat di medkjensle møta oss! For vi er langt nede.

<sup>9</sup>Hjelp oss, Gud, vår frelsar, så namnet ditt blir æra! Fri oss ut og tilgjev våre synder for ditt namn skuld.

<sup>10</sup>Kvifor skal folka seia: «Kvar er deira Gud?» Lat våre auge sjå og folka kjenna at du hemnar blodet frå dine tenarar.

<sup>11</sup>Lat sukket frå fangane nå deg; din arm er sterk, spar dei som skulle døy!

<sup>12</sup>Herre, gjev grannane våre tilbake i fanget sju gonger den spotten dei rette mot deg.

<sup>13</sup>Men vi er ditt folk, den flokken du gjeter. Vi vil lova deg til evig tid, lovprisa deg frå slekt til slekt.

## **Salmane 80**

<sup>1</sup>Til korleiaren. Etter «Liljene». Eit vitnemål. Av Asaf. Ein salme.

<sup>2</sup>Lytt, du Israels gjetar, du som fører Josef lik ein flokk med sauer. Du som tronar over kjerubane, strål fram!

<sup>3</sup>Vekk di kraft for Efraim, Benjamin og Manasse, kom oss til hjelp!

<sup>4</sup>Gud, før oss tilbake, lat ditt andlet lysa så vi blir frelste!

- <sup>5</sup>Gud Herre Sebaot, kor lenge skal du svara folket si bøn med rykande vreide?
- <sup>6</sup>Tårebrød gjev du dei å eta, og tårer må dei drikka til overmål.
- <sup>7</sup>Du lèt grannane våre slåst om oss, fiendane spottar oss.
- <sup>8</sup>Gud Sebaot, før oss tilbake, lat ditt andlet lysa så vi blir frelste!
- <sup>9</sup>Ein vinstokk tok du frå Egypt, du dreiv folkeslag ut og planta han.
- <sup>10</sup>Du rydda plass for han så han slo rot og fylte landet.
- <sup>11</sup>Fjell vart dekte av skuggen, mektige sedrar av greinene.
- <sup>12</sup>Han strekte rankene ut til havet og renningane til Storelva.
- <sup>13</sup>Kvifor har du rive ned gjerdet rundt han så alle som går framom, kan plukka,
- <sup>14</sup>villsvin frå skogen kan gnaga og krypet på marka kan eta?
- <sup>15</sup>Vend attende, Gud Sebaot, skoda ned frå himmelen og sjå! Ta deg av denne vinstokken,
- <sup>16</sup>det du har planta med di høgre hand, sonen som du sjølv har gjeve styrke!
- <sup>17</sup>Treet er brent opp i elden, hogge av. Dei skal gå til grunne når du trugar.
- <sup>18</sup>Hald di hand over han som er ved di høgre side, over mennesket som du sjølv har gjeve styrke,
- <sup>19</sup>så vil vi aldri trekkja oss bort frå deg. Vekk oss til liv att, så vil vi kalla på ditt namn!
- <sup>20</sup>Gud Herre Sebaot, før oss tilbake, lat ditt andlet lysa så vi blir frelste!

## **Salmane 81**

- <sup>1</sup>Til korleieren. Etter Gittit. Av Asaf.
- <sup>2</sup>Bryt ut i jubel for Gud, vår styrke, rop av glede for Jakobs Gud!
- <sup>3</sup>Stem opp ein song, lat handtromma lyda, den yndige lyra saman med harpa.
- <sup>4</sup>Blås i horn ved nymåne og ved fullmåne, på vår høgtidsdag.

- <sup>5</sup>For det er ei forskrift i Israel, ei lov frå Jakobs Gud.
- <sup>6</sup>Han gjorde det til eit lovbod i Josef då han drog ut frå Egypt. Eg høyrer eit språk eg ikkje kjende:
- <sup>7</sup>Eg fria hans aksel frå børa, hendene slapp å bera korga.
- <sup>8</sup>I trengsle ropa du, og eg fria deg ut; løynd i toreskya svara eg deg, ved Meriba-kjelda prøvde eg deg. *Sela*
- <sup>9</sup>Høyr, mitt folk, eg formanar deg! Israel, om du berre ville høyra på meg!
- <sup>10</sup>Ingen framand gud må finnast hos deg, du skal ikkje bøya deg for gudar frå framande land!
- <sup>11</sup>Eg er Herren din Gud som førte deg opp frå Egypt. Lat opp munnen, så fyller eg han!
- <sup>12</sup>Men folket mitt hørde ikkje på meg, Israel ville ikkje lyda meg.
- <sup>13</sup>Så lét eg dei fara, forherda i hjartet; dei følgde sine egne planar.
- <sup>14</sup>Gjev mitt folk ville høyra på meg, gjev Israel ville gå på mine vegar!
- <sup>15</sup>Då skulle eg kua motstandarane deira med det same og retta handa mot fienden.
- <sup>16</sup>Dei som hatar Herren, må krypa for han, deira ulukketid skal alltid vara.
- <sup>17</sup>Men han har late Israel eta den beste kveiten. Eg mettar deg med honning frå berget.

## **Salmane 82**

- <sup>1</sup>Ein salme av Asaf. Gud står fram i gudars forsamling, midt mellom gudar held han dom:
- <sup>2</sup>Kor lenge vil de dømme med urett og halda med dei skuldige? *Sela*
- <sup>3</sup>Hjelp svake og farlause til deira rett, frikjenn hjelpelause og fattigfolk,
- <sup>4</sup>berg fattige og svake, fri dei frå handa til dei lovause!

<sup>5</sup>Dei veit ingenting, skjønar ingenting, dei ferdast i mørker, alle grunnvollar under jorda vaklar.

<sup>6</sup>Eg har sagt: «De er gudar, søner av Den høgste er de alle.

<sup>7</sup>Men de skal døy slik eit menneske døyr, og falla slik ein av fyrstane fell.»

<sup>8</sup>Reis deg, Gud, hald dom over jorda, for alle folkeslag er din eigedom.

### **Salmane 83**

<sup>1</sup>Ein song. Ein salme av Asaf.

<sup>2</sup>Gud, hald deg ikkje i ro, ver ikkje still og tagal, Gud!

<sup>3</sup>Fiendane dine buldrar! Dei som hatar deg, lyfter hovudet.

<sup>4</sup>Dei legg listige planar mot ditt folk, dei held samråd mot dei du vernar.

<sup>5</sup>Dei seier: «Kom, lat oss sletta dei ut som folk, så Israels namn ikkje blir hugsa meir!»

<sup>6</sup>Dei held råd og blir samde, dei lagar ei pakt mot deg,

<sup>7</sup>Edoms telt og ismaelittane, Moab og hagruttane,

<sup>8</sup>Gebal, Ammon og Amalek, Filistarland og dei som bur i Tyros,

<sup>9</sup>jamvel Assur sluttar seg til dei og er ein sterk arm for Lots søner. *Sela*

<sup>10</sup>Gjer med dei som med Midjan, som med Sisera og Jabin ved Kisjonbekken.

<sup>11</sup>Dei vart utrydda ved En-Dor, vart til gjødsel på marka.

<sup>12</sup>Lat fyrstane deira bli som Oreb og Seeb, alle hovdingane som Sebah og Salmunna!

<sup>13</sup>For dei sa: «Vi vil ta Guds beitemarker i eige.»

<sup>14</sup>Min Gud, lat dei bli som tisteldun, som halmstrå for vinden!

<sup>15</sup>Som elden brenner opp ein skog og logane set fjell i brann,

<sup>16</sup>slik må du jaga dei med din storm og skremma dei med dine stormkast.

- <sup>17</sup> Fyll andletet deira med skam så dei spør etter ditt namn, Herre.
- <sup>18</sup> Lat dei bli slegne av skam og skrekk for alltid, lat dei bli vanæra og gå til grunne!
- <sup>19</sup> Måtte dei skjøna at ditt namn er Herren, einast du er Den høgste over all jorda.

## **Salmane 84**

- <sup>1</sup> Til korleieren. Etter Gittit. Av Korah-songarane. Ein salme.
- <sup>2</sup> Kor elskelege dine bustader er, Herre Sebaot!
- <sup>3</sup> Eg lengta, ja, tærttest bort av lengsel etter Herrens føregardar. No jublar hjarte og kropp mot den levande Gud.
- <sup>4</sup> Sporven har funne ein heim, svala har fått seg eit reir der ho kan leggja sine ungar, ved dine altar, Herre Sebaot, min konge og min Gud.
- <sup>5</sup> Sæle er dei som bur i ditt hus, dei skal alltid lova deg. *Sela*
- <sup>6</sup> Sæle er dei som har sin styrke i deg, dei som lengtar etter å fara opp til tempelet.
- <sup>7</sup> Når dei fer gjennom dalen med baka-tre, gjer dei han til ei kjelde. Haustregnet legg òg si signing over han.
- <sup>8</sup> Dei går frå kraft til kraft, dei stig fram for Gud på Sion.
- <sup>9</sup> Herre, allhærs Gud, høyr mi bøn, vend øyret til, du Jakobs Gud! *Sela*
- <sup>10</sup> Gud, vårt skjold, vend auga hit, sjå på han du har salva!
- <sup>11</sup> Ja, éin dag i dine føregardar er betre enn tusen andre. Å liggja ved dørstokken til min Guds hus er betre enn å bu i lovlauses telt.
- <sup>12</sup> For Herren Gud er sol og skjold, Herren gjev nåde og ære. Han held ikkje tilbake det gode for den som er heil i si ferd.
- <sup>13</sup> Herre Sebaot, sæl er den som set si lit til deg.

## **Salmane 85**



- <sup>1</sup>Til korleiaren. Av Korah-songarane. Ein salme.
- <sup>2</sup>Herre, du har vist godvilje mot landet ditt, du vende lagnaden for Jakob.
- <sup>3</sup>Du tok bort skulda til folket ditt, dekte over all deira synd. *Sela*
- <sup>4</sup>All din harme tok du tilbake, du vende deg om frå din brennande vreide.
- <sup>5</sup>Før oss tilbake, Gud, vår frelsar, lat din uvilje mot oss ta slutt!
- <sup>6</sup>Vil du vera harm på oss for alltid og la vreiden vara frå slekt til slekt?
- <sup>7</sup>Er det ikkje du som vekkjer oss til liv på nytt så folket ditt kan gleda seg i deg?
- <sup>8</sup>Lat oss få sjå di miskunn, Herre, gjev oss di frelse!
- <sup>9</sup>Eg vil høyra kva Gud Herren seier. For han talar fred til sitt folk, til sine trugne, – berre dei ikkje vender attende til dårskap!
- <sup>10</sup>Ja, hans frelse er nær for dei som fryktar han, så herlegdom skal bu i landet vårt.
- <sup>11</sup>Miskunn og sanning skal møte kvarandre, rettferd og fred skal kyssa kvarandre.
- <sup>12</sup>Sanning skal spira opp av jorda og rettferd sjå ned frå himmelen.
- <sup>13</sup>Herren skal gje det som godt er, og landet vårt skal bera si grøde.
- <sup>14</sup>Rettferd går framføre når han dreg fram.

## **Salmane 86**

- <sup>1</sup>Ei bøn av David. Vend øyret til, Herre, svar meg, for eg er hjelpelaus og fattig!
- <sup>2</sup>Vakta meg, for eg er trugen. Frels din tenar, du min Gud, eg set mi lit til deg.
- <sup>3</sup>Ver meg nådig, Herre, eg ropar til deg heile dagen.
- <sup>4</sup>Gjer din tenar glad! Eg lyfter mi sjel til deg, Herre.

<sup>5</sup> For du, Herre, er god, du tilgjev, du er rik på miskunn mot alle som kallar på deg.

<sup>6</sup> Herre, vend ditt øyre til mi bøn, lyd etter når eg bed om nåde!

<sup>7</sup> Den dagen eg er i naud, ropar eg til deg, for du vil svara meg.

<sup>8</sup> Herre, mellom gudar er ingen som du, og ingen gjerningar er som dine.

<sup>9</sup> Alle folk som du har skapt, skal koma og bøya seg for deg, Herre, og æra ditt namn.

<sup>10</sup> For du er stor, og du gjer under. Einast du er Gud.

<sup>11</sup> Herre, lær meg din veg så eg kan ferdast i di sanning! Gjev meg eit heilt hjarte, så eg fryktar ditt namn!

<sup>12</sup> Eg vil prisa deg, Herre, min Gud, av heile mitt hjarte og evig æra ditt namn.

<sup>13</sup> For di miskunn mot meg er stor, frå djupaste dødsriket har du berga meg.

<sup>14</sup> Frekke menn har reist seg mot meg, Gud, ein flokk av valdsmenn står meg etter livet. Dei har ikkje deg for auga.

<sup>15</sup> Men du, Herre, er ein mild og nådig Gud, sein til vreide, rik på miskunn og sanning.

<sup>16</sup> Vend deg til meg og ver meg nådig. Gjev din tenar kraft frå deg, frels sonen til di tenestekvinne!

<sup>17</sup> Gjev meg eit teikn som varslar godt. Lat dei som hatar meg, sjå det og bli til skamme! For du, Herre, hjelper og trøystar meg.

## **Salmane 87**

<sup>1</sup> Av Korah-songarane. Ein salme. Ein song. Han har grunnlagt byen på heilage fjell.

<sup>2</sup> Av alle Jakobs bustader elsker Herren Sions portar mest.

<sup>3</sup> Herlege ting er sagde om deg, du Guds by. *Sela*

<sup>4</sup> Eg nemner Rahab og Babel for dei som kjenner meg, Filistarland, Tyros og Kusj: «Dei er alle fødde her.»

<sup>5</sup> For om Sion heiter det: «Kvar og ein er fødd her.» Den høgste sjølv har grunnfest byen.

<sup>6</sup> Herren skriv opp folka og tel dei: «Alle er dei fødde her.» *Sela*

<sup>7</sup> Dei dansar og syng: «Alle mine kjelder er i deg.»

## **Salmane 88**

<sup>1</sup> Ein song. Ein salme av Korah-songarane. Til korleiareren. Etter «Mahalat leannot». Ein læresalme av esrahitten Heman.

<sup>2</sup> Herre, du Gud som frelser meg, eg ropar til deg dag og natt.

<sup>3</sup> Lat mi bøn nå fram til deg, vend øyret til mitt rop!

<sup>4</sup> Mitt liv er fylt av ulukker, eg står ved dødsrikets rand.

<sup>5</sup> Eg blir rekna til dei som har gått i grav, eg er som ein mann utan kraft.

<sup>6</sup> Eg er forlaten mellom dei døde, lik falne som ligg i grav. Du kjem dei ikkje lenger i hug, dei er støytte bort frå di hand.

<sup>7</sup> Du har lagt meg i hòla der nede, i det mørke djupet.

<sup>8</sup> Din harme kviler tungt på meg, du lèt dine brotsjøar slå over meg. *Sela*

<sup>9</sup> Du har drive venene mine bort og fylt dei med avsky for meg. Eg er stengd inne, eg kjem ikkje ut,

<sup>10</sup> auget veiknar i mi naud. Herre, eg ropar til deg kvar dag, eg retter hendene ut mot deg.

<sup>11</sup> Gjer du under for dei døde, står daudingar opp og prisar deg? *Sela*

<sup>12</sup> Fortel dei om di miskunn i grava, om din truskap i avgrunnen?

<sup>13</sup> Blir dine under kjende i mørkret, di rettferd i det gløynde landet?

<sup>14</sup> Eg ropar til deg, Herre, kvar morgon kjem mi bøn fram for deg.

<sup>15</sup> Kvifor støyter du meg bort, Herre, kvifor løyner du andletet for meg?

<sup>16</sup> Frå ungdommen av har eg vore hjelpelaus, ja, døden nær. Du fyller meg med redsle, eg er rådvill.

<sup>17</sup>Din harme slår over meg, dine redsler gjer ende på meg.

<sup>18</sup>Dei er omkring meg som vatn heile dagen, alle saman omringar meg.

<sup>19</sup>Du har drive vener og frendar bort frå meg, mine kjenningar er borte i mørkret.

## **Salmane 89**

<sup>1</sup>Ein læresalme av esrahitten Etan.

<sup>2</sup>Eg vil alltid syngja om Herrens miskunn, frå slekt til slekt skal min munn gjera din truskap kjend.

<sup>3</sup>Eg seier: Miskunn blir bygd for evig, din truskap er grunnfest i himmelen.

<sup>4</sup>«Eg gjorde ei pakt med min utvalde, svor ein eid til David, min tenar:

<sup>5</sup>Eg grunnfester di ætt til evig tid; eg vil byggja di trone frå slekt til slekt.» *Sela*

<sup>6</sup>Himmelen prisar dine under, Herre, forsamlinga av dei heilage prisar din truskap.

<sup>7</sup>For kven i skyene er Herrens like, kven mellom gudesøner er som Herren,

<sup>8</sup>ein stor og skremmande Gud i rådet av dei heilage, meir verd å frykta enn alle som omgjev han?

<sup>9</sup>Kven er som du, Gud Herre Sebaot? Mektig er du, Herre, omgjeven av din truskap.

<sup>10</sup>Du herskar over det hovmodige havet, når bølgjene reiser seg, stiller du dei.

<sup>11</sup>Det var du som slo Rahab i hel, du spreidde dine fiendar med din mektige arm.

<sup>12</sup>Din er himmelen, og di er jorda, du har grunnlagt verda og alt som fyller henne.

<sup>13</sup>Du skapte nord og sør, Tabor og Hermon jublar over ditt namn.

<sup>14</sup>Din arm er mektig, di hand er sterk, høgre arm er lyft.

- <sup>15</sup> Rettferd og rett er grunnvoll for di trone, miskunn og sanning kjem fram for deg.
- <sup>16</sup> Sælt er det folket som kan ropa av jubel. Dei ferdast i lyset frå ditt andlet, Herre.
- <sup>17</sup>Heile dagen jublar dei over ditt namn, dei triumferer ved di rettferd.
- <sup>18</sup>Du er deira styrke og prakt, ved din godvilje får vi kraft.
- <sup>19</sup> Skjoldet vårt høyrer Herren til, kongen vår høyrer Israels Heilage til.
- <sup>20</sup> Den gong tala du i eit syn til dine trugne: «Eg set ein helt til å hjelpa, reiser opp ein utvald frå folket.
- <sup>21</sup> Eg fann David, min tenar, eg salva han med mi heilage olje.
- <sup>22</sup>Mi hand skal alltid vera hos han, min arm skal gje han styrke.
- <sup>23</sup>Fienden skal ikkje plaga han, vonde menneske skal ikkje kua han.
- <sup>24</sup>Eg knuser motstandarar framfor han, dei som hatar han, slår eg ned.
- <sup>25</sup>Min truskap og mi miskunn skal vera hos han, i mitt namn skal han få kraft.
- <sup>26</sup> Eg legg havet under hans hand, elvane under hans høgre arm.
- <sup>27</sup> Han skal ropa til meg: ‘Du er min far, min Gud, mitt berg som frelser meg!’
- <sup>28</sup> Ja, min førstefødde skal han vera, den høgste mellom kongane på jord.
- <sup>29</sup>Eg skal alltid gjera godt mot han, mi pakt med han står fast.
- <sup>30</sup>Hans ætt held eg oppe til evig tid, hans trone så lenge himmelen er til.
- <sup>31</sup> Dersom sønene hans går bort frå mi lov og ikkje følgjer mine bod,
- <sup>32</sup>dersom dei vanhelgar mine forskrifter og ikkje held mine påbod,
- <sup>33</sup>då straffar eg deira brot med stukk, deira synd med slag.
- <sup>34</sup>Men eg skal ikkje ta mi miskunn frå han og ikkje svikta min truskap.
- <sup>35</sup> Eg vil ikkje vanhelga mi pakt, ikkje endra orda frå min munn.
- <sup>36</sup>Éin gong for alle har eg svore: Så sant eg er heilag, eg vil aldri lyga for David.

- 37 Hans ætt skal vara til evig tid, hans trone skal stå som sola framfor meg.
- 38 Ho skal stå fast for evig som månen, det trufaste vitnet i skya.» *Sela*
- 39 Men du har støytt bort den du har salva, du vraka han og vart harm på han.
- 40 Du har gjort om inkje pakta med din tenar, vanhelga hans krone i støvet.
- 41 Du har rive ned alle hans murar, lagt borgene hans i grus.
- 42 Dei plyndrar han, alle som fer framom, han har vorte til spott for sine grannar.
- 43 Du gjev motstandarane siger og gjer alle hans fiendar glade.
- 44 Hans kvasse sverd har du trekt tilbake, du heldt han ikkje oppe i striden.
- 45 Du har gjort ende på hans glans og slengt trona hans til jorda.
- 46 Du har korta hans ungdoms dagar og sveipt han i skam. *Sela*
- 47 Kor lenge, Herre? Vil du løyna deg for alltid? Kor lenge skal din harme brenna som eld?
- 48 Kom i hug at livet mitt er kort! Var det fåfengt at du skapte alle menneske?
- 49 Kven lever utan å sjå døden, kven bergar livet frå dødsrikets vald? *Sela*
- 50 Herre, kvar er di miskunn som du viste oss før, den du svor David i din truskap?
- 51 Herre, kom i hug spotten mot dine tenarar, den eg har fått i fanget frå mange folk.
- 52 For dine fiendar spottar, Herre, dei spottar den du har salva, kvar han går.
- 53 Velsigna er Herren til evig tid! Amen! Ja, amen!

## **Salmane 90**

### Fjerde boka *Salme 90–106*

- <sup>1</sup> Ei bøn av gudsmannen Moses. Herre, du har vore ein bustad for oss i slekt etter slekt.
- <sup>2</sup> Før fjella vart fødde, før jorda og verda vart til, frå æve til æve er du, Gud.
- <sup>3</sup> Du lèt mennesket bli til støv att og seier: «Menneskeborn, vend attende!»
- <sup>4</sup> For tusen år er i dine auge som dagen i går då han fór framom, eller som ei nattevakt.
- <sup>5</sup> Du skyl dei vekk som ein søvn om morgonen. Dei er lik graset som svinn bort.
- <sup>6</sup> Det blømer om morgonen, så svinn det bort. Om kvelden visnar det og tørkar inn.
- <sup>7</sup> Vi går til grunne ved din vreide, redsle grip oss ved din harme.
- <sup>8</sup> Du set syndene våre framfor deg, det vi løyner, stiller du i lyset frå ditt andlet.
- <sup>9</sup> Alle våre dagar fer forbi, ved din harme går vi til grunne, åra våre er som ein sukk.
- <sup>10</sup> Vår levetid er sytti år, åtti når det er styrke til det. Dei beste åra er fulle av strev og urett. Dei går fort, og vi flyg av stad.
- <sup>11</sup> Kven kjenner styrken i din vreide? Din harme gjev grunn til å frykta deg.
- <sup>12</sup> Lær oss å telja våre dagar så vi kan få visdom i hjartet!
- <sup>13</sup> Kom tilbake, Herre! Kor lenge? Ha medynk med dine tenarar!
- <sup>14</sup> Mett oss med di miskunn om morgonen så vi kan jubla og gleda oss alle våre dagar.
- <sup>15</sup> Gled oss like lenge som du har kua oss, like mange år som vi har lide vondt.
- <sup>16</sup> Lat di gjerning bli synleg for dine tenarar, din herlegdom for deira born!
- <sup>17</sup> Måtte Herren vår Gud vera venleg mot oss! Lat våre henders verk lukkast for oss, ja, våre henders verk, lat det lukkast!

## **Salmane 91**

- <sup>1</sup>Den som sit i skjul hos Den høgste og finn nattely i skuggen av Den veldige,  
<sup>2</sup>han seier til Herren: «Mi tilflukt og mi borg, min Gud som eg set mi lit til!»  
<sup>3</sup>Han bergar deg frå fuglefangarens snare, frå pest som legg i øyde.  
<sup>4</sup>Under hans venger kan du søkja ly, med fjørene dekkjer han deg. Hans truskap er skjold og vern.  
<sup>5</sup>Du skal ikkje frykta for redsler i natta, for piler som flyg om dagen,  
<sup>6</sup>for pest som fer fram i mørkret, for plage som herjar ved middagstid.  
<sup>7</sup>Om tusen fell ved di side, ti tusen ved di høgre hand, blir du ikkje råka.  
<sup>8</sup>Du skal berre følgja det med auga og sjå at dei skuldige får si løn.  
<sup>9</sup>«Du, Herre, er mi tilflukt.» Den høgste har du gjort til din bustad.  
<sup>10</sup>Det skal ikkje henda deg noko vondt, inga plage skal koma nær ditt telt.  
<sup>11</sup>For han skal gje englane sine påbod om å verna deg på alle dine vegar.  
<sup>12</sup>Dei skal bera deg på hendene så du ikkje støyter foten mot nokon stein.  
<sup>13</sup>Du skal trø på løve og slange og trampa på ungløve og orm.  
<sup>14</sup>«Eg bergar han når han held seg til meg, eg vernar han, for han kjenner mitt namn.  
<sup>15</sup>Når han kallar på meg, svarar eg, eg er med han i nauda, eg friar han ut og gjev han ære.  
<sup>16</sup>Eg mettar han med eit langt liv og lèt han sjå mi frelse.»

## **Salmane 92**

- <sup>1</sup>Ein salme. Ein song for sabbatsdagen.  
<sup>2</sup>Det er godt å takka Herren og lovsyngja ditt namn, du Høgste,  
<sup>3</sup>å kunngjera di miskunn om morgonen, din truskap om nettene,  
<sup>4</sup>til den tistrengja harpa, til linne tonar frå lyra.



<sup>5</sup>Herre, du har gledd meg med ditt verk, eg jublar over det dine hender har gjort.

<sup>6</sup>Kor store dine gjerningar er, kor djupe dine tankar, Herre!

<sup>7</sup>Den uforstandige forstår ikkje dette, dåren skjønar det ikkje:

<sup>8</sup>Dei urettferdige skyt opp som gras, alle som gjer urett, blømer, berre for å bli rydda ut for alltid.

<sup>9</sup>Men du, Herre, er opphøgd til evig tid.

<sup>10</sup>Dine fiendar, Herre, dine fiendar skal gå til grunne, alle som gjer urett, skal spreiaast.

<sup>11</sup>Du gjev meg kraft som ein villokse og salvar meg med den friskaste olje.

<sup>12</sup>Eg kan følgja fienden med auga, eg kan høyra om valdsmenn som reiste seg mot meg.

<sup>13</sup>Dei rettferdige skyt opp som palmar, dei veks seg høge som sedrar på Libanon.

<sup>14</sup>Dei er planta i Herrens hus og blømer i føregardane hos vår Gud.

<sup>15</sup>Enno i alderdomen ber dei frukt, dei er friske og frodige.

<sup>16</sup>Slik forkynner dei at Herren er rettvis. Han er mitt berg, det er ingen urett hos han.

### **Salmane 93**

<sup>1</sup>Herren er konge! Han har kledd seg i høgde, Herren har kledd seg i kraft og spent beltet om livet. Verda står fast, ho skal ikkje rokkast.

<sup>2</sup>Di trone står fast frå gammal tid, du er til frå æve.

<sup>3</sup>Elvane ropar, Herre, elvane ropar med høg røyst. Elvane ropar med dundrande røyst.

<sup>4</sup>Herren er mektig i det høge, meir mektig enn ljomen frå veldige vatn, enn havsens mektige brotsjøar.

<sup>5</sup>Pålitelege er dine lovbod. Ditt hus skal vera heilagt gjennom alle tider, Herre.

## **Salmane 94**

<sup>1</sup> Herre, du er ein Gud som tek hemn. Stig fram i stråleglans, hemnens Gud!

<sup>2</sup> Reis deg, du som dømmer jorda, lat dei hovmodige få det dei fortener!

<sup>3</sup> Kor lenge, Herre? Kor lenge skal dei urettferdige jubla?

<sup>4</sup> Dei talar ein straum av frekke ord, alle som gjer urett, skryter.

<sup>5</sup> Dei knuser folket ditt, Herre, og kuar din egedom.

<sup>6</sup> Enkjer og innflyttarar drep dei, og farlause myrdar dei.

<sup>7</sup> Dei seier: «Herren ser det ikkje, Jakobs Gud merkar det ikkje.»

<sup>8</sup> De uforstandige i folket, merk dykk dette! Dårar, når skal de forstå?

<sup>9</sup> Høyrer ikkje han som planta øyret, ser ikkje han som forma auget?

<sup>10</sup> Refsar ikkje han som tuktar folka, han som gjev menneska kunnskap?

<sup>11</sup> Herren kjenner tankane til menneska, han veit at dei er tomme.

<sup>12</sup> Sæl er den du tuktar, Herre, den du underviser i di lov.

<sup>13</sup> Du vil gje han ro utan vonde dagar til grava er graven for den lovause.

<sup>14</sup> Herren støyter ikkje frå seg sitt folk og forlèt ikkje sin egedom.

<sup>15</sup> Retten skal igjen bli rettferdig, og alle ærlege av hjartet skal leva etter den.

<sup>16</sup> Kven står opp for meg mot valdsmenn, kven stig fram for meg mot dei som gjer urett?

<sup>17</sup> Om ikkje Herren var min hjelpar, budde eg snart i det stille landet.

<sup>18</sup> Om eg må seia: «Foten min er ustø», så held di miskunn meg oppe, Herre.

<sup>19</sup> Når mitt indre er fullt av urolege tankar, har mi sjel glede av di trøyst.

<sup>20</sup> Kan vondskaps trone vera din ven, ho som gjer urett til lov?

<sup>21</sup> Dei slår seg saman mot den rettferdige og dømmer den skuldause.

<sup>22</sup> Men Herren vart mitt vern, min Gud vart fjellet der eg søkjer tilflukt.

<sup>23</sup> Han lét uretten deira ramma dei sjølve og gjorde ende på dei i deira vondskap. Herren vår Gud gjorde ende på dei.

## **Salmane 95**

<sup>1</sup>Kom, lat oss jubla for Herren, hylla vårt berg som frelser oss!

<sup>2</sup>Lat oss gå fram for han med lovsong, hylla han med song og spel!

<sup>3</sup>For Herren er ein stor Gud, ein stor konge over alle gudar.

<sup>4</sup>Han har jord-djupnene i si hand og fjelltoppane i eige.

<sup>5</sup>Havet er hans, han har skapt det, hendene har forma det faste landet.

<sup>6</sup>Kom, lat oss knela og kasta oss ned, bøya kne for Herren, vår skapar!

<sup>7</sup>For han er vår Gud, vi er folket han gjeter, flokken i hans hand. Ville de berre høyra hans røyst i dag!

<sup>8</sup>Gjer ikkje hjartet hardt som ved Meriba, som den dagen ved Massa i ørkenen,

<sup>9</sup>då fedrane dykkar utfordra meg og sette meg på prøve, endå dei såg kva eg gjorde!

<sup>10</sup>I førti år hadde eg avsky for denne slekta. Eg sa: Dei er eit folk som fer vill i sitt hjarte, dei kjenner ikkje mine vegar.

<sup>11</sup> Så svor eg i min vreide: Aldri skal dei koma inn til mi kvile!

## **Salmane 96**

<sup>1</sup>Syng for Herren, syng ein ny song. Syng for Herren, all jorda!

<sup>2</sup>Syng for Herren, velsign hans namn. Forkynn hans frelse frå dag til dag!

<sup>3</sup>Fortel mellom folkeslag om hans herlegdom, mellom alle folk om hans under!

<sup>4</sup>For Herren er stor og verdig lov og pris, verd å frykta meir enn alle gudar.

<sup>5</sup>Alle gudane til folka er avgudar. Det var Herren som skapte himmelen.

- <sup>6</sup>Høgd og herlegdom er framfor han, makt og glans i hans heilagdom.
- <sup>7</sup>Gjev Herren ære, de folk og slekter, gjev Herren ære og makt!
- <sup>8</sup>Gjev Herren den ære hans namn skal ha. Kom til hans føregardar med gåver!
- <sup>9</sup>Bøy dykk for Herren i heilag prakt. Skjelv for han, all jorda!
- <sup>10</sup>Forkynn blant folka: Herren er konge, verda står fast, ho kan ikkje rokkast! Han dømmar folka med rettferd.
- <sup>11</sup>Himmelen skal gleda seg, jorda skal jubla, havet og alt som fyller det, skal brusa,
- <sup>12</sup>marka skal jubla med alt ho ber; då ropar kvart tre i skogen av fryd
- <sup>13</sup>for Herrens andlet. For han kjem, han kjem for å dømma jorda. Han skal dømma verda med rettferd og folka med truskap.

### **Salmane 97**

- <sup>1</sup>Herren er konge! Jorda skal jubla, fjerne kystar skal gleda seg!
- <sup>2</sup>Sky og mørker er omkring han, rettferd og rett er grunnvoll for hans trone.
- <sup>3</sup>Eld går framfor han og brenner opp hans motstandarar på alle kantar.
- <sup>4</sup>Hans lynglimt lyser opp verda, jorda ser det og skjelv.
- <sup>5</sup>Fjella smeltar som voks for Herren, for han som er herre over all jorda.
- <sup>6</sup>Himmelen forkynner hans rettferd, alle folka ser hans herlegdom.
- <sup>7</sup>Alle som dyrkar gudebilete og skryter av avgudar, skal bli til skamme. Tilbe han, alle gudar!
- <sup>8</sup>Sion høyrer det og gleder seg, Judas døtrer jublar, Herre, over dine dommar.
- <sup>9</sup>For du er Herren, Den høgste over all jorda, høgt er du opphøgd over alle gudar.
- <sup>10</sup>Hat det vonde, de som elskar Herren! Han vaktar sine trugne og friar dei frå urettferdiges hand.
- <sup>11</sup>Lys bryt fram for den rettferdige og glede for dei ærlege av hjartet.

<sup>12</sup> Gled dykk i Herren, de rettferdige, lovsyng hans heilage namn!

### **Salmane 98**

<sup>1</sup> Ein salme. Syng ein ny song for Herren, for han har gjort under! Hans høgre hand og heilage arm har gjeve han siger.

<sup>2</sup> Herren har gjort si frelse kjend, openberra si rettferd for auga på folka.

<sup>3</sup> Han kjem i hug si miskunn, sin truskap mot Israels hus. Heile jorda har sett frelsa frå vår Gud.

<sup>4</sup> Rop av glede for Herren, all jorda! Bryt ut i jubel, syng og spel!

<sup>5</sup> Syng for Herren og spel på lyre, spel på lyre, lat songen tona,

<sup>6</sup> spel på trompetar, lat hornet klinga, rop av glede for kongens andlet, for Herren!

<sup>7</sup> Havet og alt som fyller det, skal brusa, jorda og dei som bur der.

<sup>8</sup> Elvane skal klappa i hender og fjella jubla i kor

<sup>9</sup> for Herrens andlet. For han kjem og skaper rett på jorda. Han skal dømme verda med rettferd og folka med rett.

### **Salmane 99**

<sup>1</sup> Herren er konge, folka skjelv, han tronar over kjerubane, jorda bivrar.

<sup>2</sup> Stor er Herren på Sion, han er opphøgd over alle folk.

<sup>3</sup> Dei skal prisa ditt namn, det er stort og vekkjer frykt. Heilag er han.

<sup>4</sup> Mektig er kongen, han elsker det rette. Det er du som grunnfester rettwise, du gjer rett og rettferd i Jakob.

<sup>5</sup> Opphøg Herren vår Gud, bøy dykk ned for hans fotskammel! Heilag er han.

<sup>6</sup> Moses og Aron var blant hans prestar, Samuel blant dei som kalla på hans namn. Dei ropa til Herren, og han svara dei,

<sup>7</sup> i skysøyla tala han til dei. Dei heldt hans bod og lova han gav.

<sup>8</sup> Herre, vår Gud, du svara dei. Du var ein Gud som tilgav dei, men som òg hemna deira gjerningar.

<sup>9</sup> Opphøg Herren vår Gud, bøy dykk mot hans heilage fjell. Heilag er Herren vår Gud.

### **Salmane 100**

<sup>1</sup> Ein takkesalme. Rop med jubel for Herren, all jorda!

<sup>2</sup> Ten Herren med glede, kom fram for han med jubel!

<sup>3</sup> Kjenn at Herren er Gud! Han har skapt oss, vi er hans, vi er hans folk og den flokken han gjeter.

<sup>4</sup> Kom gjennom portane hans med takkesong, inn i føregardane med lovsong! Lov han, velsign hans namn!

<sup>5</sup> Herren er god, evig er hans miskunn, hans truskap varer frå slekt til slekt.

### **Salmane 101**

<sup>1</sup> Av David. Ein salme. Eg vil syngja om miskunn og rett, Herre, for deg vil eg syngja og spela.

<sup>2</sup> Eg vil læra meg den fullkomne vegen. Når vil du koma til meg? Med heilt hjarte vil eg vandra i mitt hus.

<sup>3</sup> Vondskap vil eg ikkje ha for auge, urett hatar eg, slikt held eg meg borte frå.

<sup>4</sup> Svikefullt hjarte skal vika frå meg. Eg vil ikkje vita av det vonde.

<sup>5</sup> Den som baktalar sin neste, vil eg gjera ende på. Stolte auge og eit hovmodig hjarte kan eg ikkje tola.

<sup>6</sup> Auga mine ser til dei trufaste i landet, dei får bu hos meg. Den som går den fullkomne vegen, skal tena meg.

<sup>7</sup> Den som fer med svik, får ikkje bu i mitt hus. Den som talar løgn, kan ikkje bli ståande for mine auge.

<sup>8</sup> Kvar morgon gjer eg ende på dei urettferdige i landet. Alle som gjer urett, ryddar eg ut av Herrens by.

## Salmane 102

- <sup>1</sup>Ei bøn for den hjelpelause når han veiknar og vil ausa ut si klage for Herren.
- <sup>2</sup>Herre, høyr mi bøn, lat mitt rop nå fram til deg!
- <sup>3</sup>Løyn ikkje andletet når eg er i naud. Vend øyret til meg, skund deg, svar når eg ropar!
- <sup>4</sup>For dagane mine kverv som røyk, knoklane brenn som eld.
- <sup>5</sup>Hjartet er som gras, solsvidd og visna, eg har gløymt å eta mitt brød.
- <sup>6</sup>Eg sukkar og stønnar, eg er berre skinn og bein.
- <sup>7</sup>Eg liknar pelikanen i ørkenen, eg er som ei ugle blant ruinar.
- <sup>8</sup>Eg ligg vaken, eg er som ein einsleg fugl på taket.
- <sup>9</sup>Fienden spottar meg heile dagen. Dei som gjer narr av meg, bruker namnet mitt til forbanning.
- <sup>10</sup> Eg et oske som brød og blandar drikken min med tårer,
- <sup>11</sup>for du er harm og vreid på meg. Du tok meg og kasta meg bort.
- <sup>12</sup> Dagane mine er på hell, skuggane blir lange, eg visnar bort som gras.
- <sup>13</sup> Men du, Herre, tronar til evig tid, namnet ditt varer frå slekt til slekt.
- <sup>14</sup> Du vil reisa deg og vera mild mot Sion, det er tid for å visa henne nåde, timen er komen.
- <sup>15</sup> Tenarane dine elsker steinane i Sion, dei lid med henne som ligg i grus.
- <sup>16</sup> Folkeslag skal frykta Herrens namn, alle kongane på jorda din herlegdom.
- <sup>17</sup>For Herren vil byggja opp att Sion og syna seg i sin herlegdom.
- <sup>18</sup> Han lyttar når den nakne bed, han foraktar ikkje deira bøn.
- <sup>19</sup> Dette skal skrivast ned for den komande slekt, eit nyskapt folk skal prisa Herren.
- <sup>20</sup> Han ser ned frå si heilage høgd. Frå himmelen ser Herren mot jorda
- <sup>21</sup>for å høyra sukket frå fangane, løysa dei som var dømde til døden.

- <sup>22</sup> Herrens namn skal forkynnast i Sion, hans lov og pris i Jerusalem
- <sup>23</sup> når folk og kongerike samlar seg for å tena Herren.
- <sup>24</sup> Han har brote ned min styrke på vegen og forkorta livet mitt.
- <sup>25</sup> Eg seier: Min Gud, ta meg ikkje bort midt i livet! Dine år varer i slekt etter slekt.
- <sup>26</sup> Du grunnla jorda i gammal tid, himmelen er eit verk av dine hender.
- <sup>27</sup> Dei skal gå til grunne, men du blir verande. Dei blir slitne ut som klede, du skifter dei ut, og dei er borte.
- <sup>28</sup> Men du er den same, åra dine tek aldri slutt.
- <sup>29</sup> Borna til tenarane dine skal slå seg til ro, deira ætt skal vera grunnfest for ditt andlet.

### **Salmane 103**

- <sup>1</sup> Av David. Velsign Herren, mi sjel! Alt som i meg er, velsign hans heilage namn.
- <sup>2</sup> Velsign Herren, mi sjel! Gløym ikkje alt det gode han gjer.
- <sup>3</sup> Han tilgjev all di skuld og lækjer alle dine sjukdomar.
- <sup>4</sup> Han friar ditt liv frå grava og kronar deg med miskunn og kjærleik.
- <sup>5</sup> Han mettar ditt liv med det gode, du blir ung att som ørna.
- <sup>6</sup> Herren skaper rettferd, han lèt alle undertrykte få sin rett.
- <sup>7</sup> Han kunngjorde sine vegar for Moses, sine gjerningar for Israels folk.
- <sup>8</sup> Mild og nådig er Herren, sein til vreide og rik på miskunn.
- <sup>9</sup> Han kjem ikkje med klagemål for alltid og er ikkje for evig harm.
- <sup>10</sup> Han gjer ikkje gjengjeld for våre synder, han løner oss ikkje etter vår skuld.
- <sup>11</sup> Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er hans miskunn over dei som fryktar han.
- <sup>12</sup> Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre bort frå oss.



- <sup>13</sup>Som ein far er mild med sine born, er Herren mild med dei som fryktar han.
- <sup>14</sup> For han veit korleis vi er skapte, han kjem i hug at vi er støv.
- <sup>15</sup> Dagane mennesket får, er som gras, det blømer som blomen på marka.
- <sup>16</sup> Når vinden fer over han, er han borte, staden han stod på, veit ikkje lenger av han.
- <sup>17</sup> Men Herrens miskunn er frå æve til æve over dei som fryktar han. Hans rettferd når til barneborn,
- <sup>18</sup> til dei som held hans pakt og kjem i hug hans bod, så dei følgjer dei.
- <sup>19</sup> Herren har reist si trone i himmelen, han rår som konge over alt.
- <sup>20</sup> Velsign Herren, de hans englar, de sterke heltar som lydige set hans ord i verk.
- <sup>21</sup>Velsign Herren, alle hans hærar, de tenarar som set hans vilje i verk.
- <sup>22</sup>Velsign Herren, alle hans skapningar, overalt der han rår. Velsign Herren, mi sjel!

### **Salmane 104**

- <sup>1</sup> Velsign Herren, mi sjel! Stor er du, Herre, min Gud! Du har kledd deg i høgdom og herlegdom.
- <sup>2</sup> Du sveiper lyset om deg som ei kappe, du spenner himmelen ut som ein teltduk.
- <sup>3</sup> Han tømrrar sine høge salar i vatnet. Han gjer skyer til si vogn og fer fram på vindens venger.
- <sup>4</sup> Han gjer vindane til sine englar og logande eld til sine tenarar.
- <sup>5</sup> Han grunnla jorda på hennar søyler, aldri i æve skal ho rokkast.
- <sup>6</sup> Djupet dekte henne som ei kappe, vatnet stod over fjella.
- <sup>7</sup> Då du truga, rømde det, det flykta for lyden av di tore,
- <sup>8</sup> over fjell og ned i dalar, til staden du hadde fastsett.

- <sup>9</sup> Du sette ei grense det ikkje går over, det skal aldri meir dekkja jorda.
- <sup>10</sup> Du lèt kjelder strøyma fram i dalane så bekker renn mellom fjella.
- <sup>11</sup> Dei gjev drikke til alle dyr på marka, ville esel får sløkkja tørsten.
- <sup>12</sup> Der finn fuglane under himmelen bustad, dei syng mellom greinene.
- <sup>13</sup> Han vatnar fjella frå sin høge sal. Jorda blir metta med frukta av di gjerning.
- <sup>14</sup> Du lèt graset spira fram for feet og vokstrar til nytte for mennesket. Du lèt brødet koma frå jorda,
- <sup>15</sup> vinen gjev mennesket glede. Du lèt andletet skina av olje, brødet gjev mennesket styrke.
- <sup>16</sup> Herrens tre får sløkkja tørsten, sedrane på Libanon, som han har planta.
- <sup>17</sup> Der byggjer fuglane reir, i sypressen har storken sitt hus.
- <sup>18</sup> Dei høge fjella har steinbukken fått, berga gjev grevlingen livd.
- <sup>19</sup> Han skapte månen til å syna tidene, og sola, som veit når ho skal gå ned.
- <sup>20</sup> Du sender mørker, og det blir natt. Då myldrar dei fram, alle dyr i skogen.
- <sup>21</sup> Unge løver brøler etter rov, dei krev si føde frå Gud.
- <sup>22</sup> Sola står opp, dei vender attende og legg seg i sine hòler.
- <sup>23</sup> Då går mennesket ut til si gjerning og arbeider til kvelden kjem.
- <sup>24</sup> Herre, kor mange dine gjerningar er! Og alle har du gjort med visdom, jorda er full av det du ber fram.
- <sup>25</sup> Her er havet, stort og vidt, med ein vrimmel av dyr, små og store, utan tal.
- <sup>26</sup> Der stemner skipa fram, der er Leviatan, som du har skapt til å leika med.
- <sup>27</sup> Alle ventar på deg, at du skal gje dei mat i rett tid.
- <sup>28</sup> Du gjev, og dei sankar, du opnar handa, og dei blir metta med det gode.
- <sup>29</sup> Du løyner andletet, og dei blir gripne av redsle, du tek livsanden frå dei, då døyr dei og blir til støv att.

- <sup>30</sup> Du sender ut din Ande, og dei blir skapte, du gjer jorda ny.
- <sup>31</sup> Måtte Herrens ære vara evig og Herren gleda seg over sine gjerningar!
- <sup>32</sup> Han ser på jorda, og ho skjelv, han rører fjella, og dei står i røyk.
- <sup>33</sup> Eg vil syngja for Herren heile mitt liv, spela for min Gud så lenge eg er til.
- <sup>34</sup> Måtte orda mine gjera han glad! Eg vil gleda meg i Herren.
- <sup>35</sup> Lat syndarane kverva frå jorda og ingen urettferdige finnast meir!  
Velsign Herren, mi sjel! Halleluja!

### **Salmane 105**

- <sup>1</sup> Pris Herren, kall på hans namn, gjer gjerningane hans kjende blant folka!
- <sup>2</sup> Syng for han og spel for han, syng om alle hans under!
- <sup>3</sup> Ver stolte over hans heilage namn! Gled dykk i hjartet, de som søker Herren.
- <sup>4</sup> Spør etter Herren og hans makt, søk alltid hans andlet!
- <sup>5</sup> Kom i hug det underfulle han har gjort, teikna hans og lovene frå hans munn,
- <sup>6</sup> du ætt av Abraham, hans tenar, Jakobs søner, som han har valt ut.
- <sup>7</sup> Han er Herren vår Gud, lovene hans gjeld over heile jorda.
- <sup>8</sup> Han kjem i hug si pakt til evig tid, ordet han gav, i tusen slektsledd,
- <sup>9</sup> pakta han gjorde med Abraham, og eiden han svor til Isak.
- <sup>10</sup> Dette sette han opp som ei forskrift for Jakob, som ei evig pakt for Israel.
- <sup>11</sup> Han sa: «Eg gjev deg landet Kanaan til arv og eige.»
- <sup>12</sup> Der var dei ein liten flokk, få og framande.
- <sup>13</sup> Dei vandra frå folk til folk, frå det eine riket til det andre.
- <sup>14</sup> Men han lét ingen få undertrykkja dei, han refsa kongar for deira skuld:
- <sup>15</sup> «Rør ikkje dei som eg har salva, gjer ikkje vondt mot mine profetar!»

- 16 Han kalla hungersnaud over landet og braut sund kvar brødstav.
- 17 Han sende ein mann føre dei, Josef vart seld som slave.
- 18 Dei tvinga føtene hans i lenkjer, jern vart lagt om halsen,
- 19 heilt til det han sa, vart oppfylt og Herrens ord gav han rett.
- 20 Kongen sende bod og sette han fri, han som herska over folka, sleppte han laus.
- 21 Han sette han til herre over sitt hus, til herskar over all sin eigedom.
- 22 Han skulle rettleia kongens stormenn etter sin vilje og gje hans eldste sin visdom.
- 23 Så kom Israel til Egypt, Jakob vart innflyttar i Hams land.
- 24 Han gjorde folket sitt fruktbart, meir talrikt enn fienden.
- 25 Han vende deira hug så dei hata hans folk og fór med svik mot hans tenarar.
- 26 Han sende Moses, sin tenar, og Aron, som han hadde valt ut.
- 27 Dei gjorde hans under mellom dei og teikn i Hams land.
- 28 Han sende mørker, og det vart mørkt. Hadde dei ikkje trassa hans ord?
- 29 Han gjorde vatnet til blod og drap fisken.
- 30 Det krydde av frosk i landet, jamvel i kongens eigne rom.
- 31 Då han gav bod, kom det lus og insekt i heile landet.
- 32 Han gjorde regnet til hagl og sende flammande eld i landet.
- 33 Han slo vinstokkane og fikentrea deira ned, han knuste kvart tre i landet.
- 34 Då han gav bod, kom det grashopper og sirissar utan tal.
- 35 Dei åt opp alt som voks i landet, dei åt opp grøda på marka.
- 36 Gud slo alle førstefødde i landet, førstegrøda av deira kraft.
- 37 Så førte han dei ut med sølv og gull, ingen i stammene hans snubla.

- <sup>38</sup>Det var glede i Egypt då dei drog ut, landet var slege av redsle for dei.
- <sup>39</sup> Han breidde ut ei sky til å dekkja dei og ein eld til å lysa om natta.
- <sup>40</sup> Då dei bad, sende han vaktlar og metta dei med himmelbrød.
- <sup>41</sup> Han opna berget, og vatnet strøymde fram, det rann som ei elv i det tørre landet.
- <sup>42</sup> For han kom i hug sitt heilage ord til Abraham, sin tenar.
- <sup>43</sup>Han lét folket sitt dra ut med glede, sine utvalde med jubelrop.
- <sup>44</sup> Han gav dei land som andre folk eigde, dei overtok det andre hadde streva for,
- <sup>45</sup> så dei skulle halda hans forskrifter og ta vare på hans lover. Halleluja!

## **Salmane 106**

- <sup>1</sup> Halleluja! Takk Herren, for han er god, evig varer hans miskunn.
- <sup>2</sup> Kven kan nemna alle Herrens storverk, fortelja om det herlege han har gjort?
- <sup>3</sup>Sæle er dei som tek vare på retten og alltid fremjar rettferd.
- <sup>4</sup>Herre, kom meg i hug i din nåde mot folket ditt, kom til meg med di frelse.
- <sup>5</sup>Då kan eg sjå kor godt det går dine utvalde, få del i gleda til folket ditt og prisa meg lukkeleg saman med dine.
- <sup>6</sup> Vi har synda slik fedrane våre gjorde, vi har bore oss ille åt og gjort urett.
- <sup>7</sup> Fedrane våre i Egypt tenkte ikkje på dine under, dei kom ikkje i hug di store miskunn. Ved sjøen var dei trassige, ved Sivsjøen.
- <sup>8</sup>Men han frelste dei for sitt namn skuld så dei skulle kjenna hans kraft.
- <sup>9</sup> Han truga Sivsjøen, og sjøen tørka inn, han førte dei gjennom djupet som gjennom ein ørken.
- <sup>10</sup>Han frelste dei frå hatarhand, frå fiendehand fria han dei.
- <sup>11</sup>Motstandarane vart dekte av vatnet, ingen kom frå det med livet.

- 12 Då stola dei på hans ord og song lovsong for han.
- 13 Snart gløymde dei det han hadde gjort, og venta ikkje meir på råd frå han.
- 14 Dei vart griske og grådige i ørkenen, i øydemarka sette dei Gud på prøve.
- 15 Då gav han dei det dei kravde, men sende sjukdom som tærte dei bort.
- 16 Dei vart misunnelege på Moses i leiren og på Aron, Herrens heilage.
- 17 Jorda opna seg og slukte Datan, ho lukka seg over Abirams følgje.
- 18 Då braut det ut eld blant dei, og logen brende opp dei skuldige.
- 19 Ved Horeb laga dei ein kalv og bøygde seg for det støypte biletet.
- 20 Dei bytte bort si ære mot eit bilete av ein okse som et gras.
- 21 Dei gløymde Gud som frelste dei, som gjorde storverk i Egypt.
- 22 Han gjorde under i Hams land og skremmande gjerningar ved Sivsjøen.
- 23 Han sa at han ville rydda dei ut, men Moses, hans utvalde, la seg imellom og stagga hans øydeleggjande harme.
- 24 Dei vraka det herlege landet og stola ikkje på hans ord.
- 25 Dei murra i telta og hørde ikkje på Herrens røyst.
- 26 Då lyfte han handa mot dei og svor å slå dei ned der i ørkenen,
- 27 å spreia deira ætt mellom folka og strø dei ut i landa.
- 28 Dei slutta seg til Baal-Peor og heldt offermåltid for døde.
- 29 Dei gjorde han rasande med sine gjerningar, og pest braut ut imellom dei.
- 30 Då stod Pinhas fram og felte dom, og pesten stansa.
- 31 Han vart rekna som rettferdig frå slekt til slekt i alle tider.
- 32 Dei gjorde han harm ved Meriba-kjelda, og Moses måtte lida for deira skuld.
- 33 Dei gjorde han beisk så han tala utan å tenkja.
- 34 Dei rydda ikkje ut folka slik Herren hadde sagt,

- <sup>35</sup>men blanda seg med andre folkeslag og lærte å gjera som dei.
- <sup>36</sup> Dei dyrka gudebilete, det vart ei snare for dei.
- <sup>37</sup> Dei ofra sine søner og døtrer til dei vonde åndene.
- <sup>38</sup>Dei auste ut uskuldig blod, blodet av søner og døtrer som dei ofra til gudebileta i Kanaan. Og landet vart vanhelga av blodet.
- <sup>39</sup> Dei vart ureine gjennom sine handlingar, med alt dei gjorde, dreiv dei hor.
- <sup>40</sup>Då flamma Herrens vreide opp mot folket, han hadde avsky for dei som hørde han til.
- <sup>41</sup>Han gav dei i hendene på andre folkeslag, dei som hata dei, vart deira herrar.
- <sup>42</sup>Dei vart undertrykte av fiendar og måtte bøya seg under deira hand.
- <sup>43</sup>Mange gonger fria han dei ut, likevel trassa dei han med sine planar og gjekk under i synd.
- <sup>44</sup>Men han såg til dei i nauda då han hørde dei ropa.
- <sup>45</sup> Han kom i hug si pakt med dei og viste medynk i sin store kjærleik.
- <sup>46</sup>Så lét han dei møta miskunn hos alle som heldt dei som fangar.
- <sup>47</sup>Frels oss, Herre, vår Gud, sank oss inn frå folka så vi kan prisa ditt heilage namn og uredde lovsyngja deg.
- <sup>48</sup> Velsigna er Herren, Israels Gud, frå æve til æve! Og heile folket skal seia: Amen! Halleluja!

## **Salmane 107**

### Femte boka *Salme 107–150*

- <sup>1</sup> Pris Herren, for han er god, evig varer hans miskunn.
- <sup>2</sup> Dette skal Herrens utløyste seia, dei som han løyste ut av nauda
- <sup>3</sup> dei som han samla frå landa, frå aust og vest, frå nord og frå havet.

- <sup>4</sup>Somme fór vill i ørken og øydemark, dei fann ikkje vegen til ein by der dei kunne bu.
- <sup>5</sup>Dei var svoltne og tørste, kreftene vart borte.
- <sup>6</sup>Då ropa dei til Herren i si naud, og han fria dei ut av trengslene.
- <sup>7</sup>Han førte dei på rett veg så dei kom til ein by der dei kunne bu.
- <sup>8</sup>Dei skal prisa Herren for hans miskunn, for hans undergjerningar mot mennesket.
- <sup>9</sup>Han lét den tørste drikka, han metta den svoltne med gode gåver.
- <sup>10</sup> Somme sat i mørker og dødsskugge, bundne i naud og jern,
- <sup>11</sup> for dei hadde trassa Guds ord og forakta råd frå Den høgste.
- <sup>12</sup>Hjartet deira vart kua av slit, dei snubla, det var ingen som hjelpte.
- <sup>13</sup>Då ropa dei til Herren i si naud, og han berga dei ut av trengslene.
- <sup>14</sup> Han førte dei ut av mørker og dødsskugge og sleit sund lenkjene deira.
- <sup>15</sup>Dei skal prisa Herren for hans miskunn, for hans undergjerningar mot mennesket.
- <sup>16</sup> Han knuste dører av bronse, bommar av jern hogg han sund.
- <sup>17</sup> Somme vart dumme av sine feiltrinn, dei vart plaga for sine synder.
- <sup>18</sup>Dei fekk avsky for alle slag mat og kom heilt til dødens portar.
- <sup>19</sup>Då ropa dei til Herren i si naud, og han berga dei ut av trengslene.
- <sup>20</sup>Han sende sitt ord og lækte dei og fria dei frå grava.
- <sup>21</sup>Dei skal prisa Herren for hans miskunn, for hans undergjerningar mot mennesket.
- <sup>22</sup> Dei skal slakta takkoffer og fortelja om hans gjerningar med jubel.
- <sup>23</sup>Somme fór ut på havet med skip, dreiv handel på veldige vatn.
- <sup>24</sup>Dei såg kva Herren gjorde, hans undergjerningar ute på djupet.
- <sup>25</sup> Han tala, og det bles opp til uvêr, bølgiene gjekk høge.



- <sup>26</sup>Dei steig mot himmelen, dei sokk i djupet. Dei mista motet i nauda,  
<sup>27</sup>dei tumla og rava som drukne, det dei kunne, var til inga nytte.  
<sup>28</sup>Då ropa dei til Herren i si naud, og han førte dei ut av trengslene.  
<sup>29</sup> Han fekk stormen til å stilna, og bølgiene la seg.  
<sup>30</sup> Då det stilna, vart dei glade. Han førte dei i hamn der dei ville.  
<sup>31</sup>Dei skal prisa Herren for hans miskunn, for hans undergjerningar mot mennesket.  
<sup>32</sup>Dei skal opphøgja han når folket samlast, prisa han der dei eldste sit.  
<sup>33</sup> Han gjorde elvar til ørken, vassrike kjelder til tørstande land  
<sup>34</sup>og grøderik jord til salt, for dei som budde der, var vonde.  
<sup>35</sup> Han gjorde ørken til innsjø, tørt land til vassrike kjelder.  
<sup>36</sup>Der lét han dei svoltne slå seg ned, dei grunnla ein by der dei kunne bu.  
<sup>37</sup> Dei sådde åkrane til og planta vinmarker som bar fram grøde dei kunne hausta.  
<sup>38</sup> Han velsigna dei, og dei vart talrike, han lét dei ikkje mangla fe.  
<sup>39</sup> Sidan vart dei få, dei vart tyngde ned av undertrykking, ulukke og sorg.  
<sup>40</sup> Han auste forakt over stormenn og førte dei vill i veglause øyda,  
<sup>41</sup> men lyfte dei fattige opp av nauda og gjorde deira slekter talrike som ein saueflokk.  
<sup>42</sup> Dei rettwise ser det og gleder seg, all urett må lata att sin munn.  
<sup>43</sup> Den som er vis, skal ta vare på dette og merka seg Herrens miskunn.

## **Salmane 108**

- <sup>1</sup>Ein song. Ein salme av David.  
<sup>2</sup>Mitt hjarte er roleg, Gud, eg vil syngja og spela av heile mi sjel.  
<sup>3</sup>Vakna, harpe og lyre! Eg vil vekkja morgonrøden.

- <sup>4</sup>Herre, eg vil prisa deg mellom folka, lovsyngja deg mellom folkeslag.
- <sup>5</sup>For høgare enn himmelen er di miskunn, din truskap når til skyene.
- <sup>6</sup>Vis deg høg over himmelen, Gud, vis din herlegdom over all jorda!
- <sup>7</sup>Hjelp oss med di høgre hand, svar meg så dine kjære kan bli berga.
- <sup>8</sup>Gud har tala i sin heilagdom: Med jubel vil eg dela ut Sikem, Sukkot-dalen vil eg måla opp.
- <sup>9</sup>Mitt er Gilead, mitt er Manasse, Efraim er hjelmen på mitt hovud, Juda er min styrarstav.
- <sup>10</sup>Men Moab er mitt vaskefat, på Edom kastar eg sandalen. Eg triumferer over Filistarland.
- <sup>11</sup>Kven fører meg til festningsbyen, kven leier meg til Edom?
- <sup>12</sup>Du har jo støytt oss bort, Gud, du drog ikkje ut med våre hærar.
- <sup>13</sup>Støtt oss mot fienden! Hjelp frå menneske er ingenting verd.
- <sup>14</sup>I Gud skal vi gjera storverk. Han skal trakka ned våre fiendar.

### **Salmane 109**

- <sup>1</sup>Til korleiareren. Av David. Ein salme. Eg lovsyng deg, Gud, tei ikkje!
- <sup>2</sup>For lovause og svikefulle opnar sin munn mot meg. Dei talar til meg med løgn på tunga,
- <sup>3</sup>omringar meg med hatefulle ord og strider mot meg utan grunn.
- <sup>4</sup>Elskar eg, svarar dei med klagemål. Likevel bed eg.
- <sup>5</sup>Dei gjev meg vondt for godt, hat for kjærleik.
- <sup>6</sup>Send ein lovlaus mot han, lat ein klagar stå fram ved hans høgre side!
- <sup>7</sup>Lat han gå domfelt frå retten, lat hans bøn bli halden for synd!
- <sup>8</sup>Lat hans dagar bli få og ein annan overta hans oppdrag!
- <sup>9</sup>Lat borna hans bli farause, kona hans bli enkje!

- <sup>10</sup>Lat borna flakka omkring og tigga, gå tiggargang frå øydelagd heim.
- <sup>11</sup>Lat ein långjevar ta alt han eig, framande plyndra frukta av hans strev.
- <sup>12</sup>Lat ingen visa han miskunn eller visa nåde mot hans farlause born.
- <sup>13</sup> Lat etterkomarane hans bli utrydda og namna strokne i neste slektsledd.
- <sup>14</sup> Måtte Herren minnast hans fedrars skuld, synda til mor hans må ikkje strykast ut.
- <sup>15</sup> Måtte Herren alltid ha dei for auga og utrydda minnet om dei frå jorda.
- <sup>16</sup> For han tenkte aldri på å visa miskunn, men jaga dei hjelpelause, fattige og motlause for å drepa dei.
- <sup>17</sup>Han elska å forbanna, lat forbanning koma over han! Han ville ikkje velsigna, lat velsigning flykta frå han!
- <sup>18</sup>Han kledde seg i forbanning som kappe. Lat henne trengja inn i han som vatn, inn i knoklane som olje.
- <sup>19</sup>Lat henne bli som kleda han tek på, som eit belte han alltid ber!
- <sup>20</sup>Lat dette vera Herrens løn til dei som klagar meg og talar vondt om meg.
- <sup>21</sup> Du, Gud Herre, gjer slik med meg for ditt namn skuld. Di miskunn er god, berg meg!
- <sup>22</sup> For eg er hjelpelaus og fattig, hjartet mitt er såra.
- <sup>23</sup> Eg kverv som skuggane når dei blir lange mot kveld; eg blir rist av som ei grashoppe.
- <sup>24</sup>Knea sviktar fordi eg fastar, eg blir mager, det er ikkje feitt på kroppen.
- <sup>25</sup> Eg har vorte til spott, dei rister på hovudet når dei ser meg.
- <sup>26</sup>Hjelp meg, Herre, min Gud, frels meg i di miskunn
- <sup>27</sup>så dei forstår at det kjem frå di hand, at du har gjort dette, Herre!
- <sup>28</sup> Dei forbannar, men du velsignar. Dei reiser seg, men blir til skamme. Din tenar skal gleda seg.

<sup>29</sup> Lat dei som klagar meg, kle seg i vanære og sveipa seg i skam som i ei kappe!

<sup>30</sup> Eg vil prisa Herren med høg røyst, midt blant dei mange vil eg lovsyngja han.

<sup>31</sup> For han står ved den fattiges høgre side og hjelper han mot dei som dømmer.

### **Salmane 110**

<sup>1</sup> Av David. Ein salme. Herren seier til min herre: «Set deg ved mi høgre hand til eg får lagt dine fiendar som skammel for dine føter!»

<sup>2</sup> Frå Sion retter Herren ut ditt mektige septer. Du skal herska mellom dine fiendar!

<sup>3</sup> Folket ditt møter villig fram den dagen du viser di kraft. Din ungdoms dogg kjem til deg i heilag prakt, or morgonrødens fang.

<sup>4</sup> Herren har svore og angrar det ikkje: «Du er prest til evig tid på Melkisedeks vis.»

<sup>5</sup> Herren er ved di høgre hand, han knuser kongar på sin vreidedag.

<sup>6</sup> Han held dom over folkeslag, det er fullt av lik, han knuser hovud vidt over jord.

<sup>7</sup> Han drikk av bekken ved vegen, difor lyfter han hovudet høgt.

### **Salmane 111**

<sup>1</sup> Halleluja!

*Alef*

א

Eg vil takka Herren av heile mitt hjarte

*Bet*

ב

i dei rettvises råd og forsamling.

*Gimel*

ג

<sup>2</sup>Herrens gjerningar er store,

*Dalet*

ד

alle som elsker dei, grundar på dei.

*He*

ה

<sup>3</sup>Høgt og herleg er hans verk,

*Waw*

ו

hans rettferd varer til evig tid.

*Zajin*

ז

<sup>4</sup>Han har skapt seg eit namn ved sine under,

*Het*

ה

Herren er nådig og mild.

*Tet*

ט

<sup>5</sup>Han gjev mat til dei som fryktar han,

*Jod*

י

han minnest si pakt til evig tid.

*Kaf*

כ

<sup>6</sup>Han viste sitt folk kor mektig han var

*Lamed*

ל

då han gav dei det andre folk eigde.

*Mem*

מ

<sup>7</sup>Sanning og rett er hans henders verk,

*Nun*

נ

pålitelege er alle hans bod,

*Samek*

ס

<sup>8</sup> dei er grunnfeste for evige tider,

*Ajin*

ע

dei skal haldast i sanning og rettvise.

*Pe*

פ

<sup>9</sup> Han gav folket fridom

*Tsade*

צ

og fastsette si pakt for evig.

*Qof*

ק

Namnet hans er heilagt, det vekkjer frykt.

*Resj*

ר

<sup>10</sup> Å frykta Herren er opphav til visdom, Sin alle som gjer det, har god forstand.

*Taw*

ת

Hans lovsong varer til evig tid.

## **Salmene 112**

<sup>1</sup> Halleluja!

*Alef*

א

Sæl er den som fryktar Herren

*Bet*

og har glede i hans bod.  
**ב**  
*Gimel*  
**ג**

<sup>2</sup>Hans ætt blir mektig i landet,  
*Dalet*  
**ד**  
den rettskafne slekta blir velsigna.  
*He*  
**ה**

<sup>3</sup>Det er velstand og rikdom i hans hus,  
*Waw*  
**ו**  
hans rettferd skal alltid vara.  
*Zajin*  
**ז**

<sup>4</sup>Lys bryt fram i mørkret for dei rettvide,  
*Het*  
**ח**  
for den som er nådig, mild og rettferdig.  
*Tet*  
**ט**

<sup>5</sup>Det går vel med den som villig gjev lån,  
*Jod*  
**י**  
den som steller sine saker rett.  
*Kaf*  
**כ**

<sup>6</sup>Han skal aldri i æve vakla,  
*Lamed*  
**ל**  
den rettferdige blir alltid hugsa.

*Mem*

מ

<sup>7</sup>Han er ikkje redd for vonde rykte,

*Nun*

נ

hans hjarte er roleg og trygt i Herren.

*Samek*

ס

<sup>8</sup>Hans hjarte er grunnfest, utan frykt.

*Ajin*

ע

Til slutt får han sjå at fienden fell.

*Pe*

פ

<sup>9</sup>Han strør ut, han gjev til dei fattige,

*Tsade*

צ

hans rettferd skal alltid vara,

*Qof*

ק

stor og herleg blir hans makt.

*Resj*

ר

<sup>10</sup> Den urettferdige ser det og blir sint,

*Sjin*

ש

skjer tenner og veiknar bort.

*Taw*

ת

Det dei urettferdige trår etter, blir til inkjes.

## Salmane 113



- <sup>1</sup> Halleluja! Syng lovsong, Herrens tenarar, pris Herrens namn!
- <sup>2</sup> Velsigna vere Herrens namn frå no og til evig tid!
- <sup>3</sup> Der sol går opp og sol går ned, skal Herrens namn vera lova.
- <sup>4</sup> Herren er opphøgd over alle folkeslag, hans herlegdom er høgare enn himmelen.
- <sup>5</sup> Kven er som Herren vår Gud, han som tronar i det høge
- <sup>6</sup> og ser i det djupe – kven i himmelen, kven på jorda?
- <sup>7</sup> Han reiser den veike opp av støvet og lyfter den fattige frå dungen.
- <sup>8</sup> Han gjev dei plass blant stormenn, dei store i sitt folk.
- <sup>9</sup> Den barnlause lèt han bu i huset som lukkeleg mor til ein barneflokk.  
Halleluja!

### **Salmane 114**

- <sup>1</sup> Då Israel drog ut frå Egypt, Jakobs hus frå eit framandt folk,
- <sup>2</sup> då vart Juda hans heilagdom og Israel hans rike.
- <sup>3</sup> Havet såg det og rømde, Jordan snudde og rann tilbake.
- <sup>4</sup> Fjella hoppa som vêrar og haugane som lam.
- <sup>5</sup> Kva har hendt deg, hav, sidan du rømmer, sidan du snur og renn tilbake, Jordan,
- <sup>6</sup> sidan de hoppar som vêrar, de fjell, og som lam, de haugar?
- <sup>7</sup> Jord, skjelv for Herrens andlet! Skjelv for Jakobs Gud,
- <sup>8</sup> han som gjer berget til ein innsjø og harde fjellet til ei vassrik kjelde.

### **Salmane 116**

- <sup>1</sup> Eg elsker Herren, for han hørde mitt rop om nåde.
- <sup>2</sup> Han vende øyret til meg, eg vil kalla på han alle mine dagar.

<sup>3</sup> Dødens band snørte seg om meg, redsler frå dødsriket nådde meg, eg fann berre naud og sorg.

<sup>4</sup> Då kalla eg på Herrens namn: «Å, Herre, berg livet mitt!»

<sup>5</sup> Herren er nådig og rettferdig, vår Gud er mild.

<sup>6</sup> Herren vaktar dei uvitande, han kom meg til hjelp då eg var langt nede.

<sup>7</sup> Kom til ro att, mi sjel, Herren har svara deg!

<sup>8</sup> Ja, du har fria mitt liv frå døden, auget frå tårer og foten frå å snubla.

<sup>9</sup> Eg skal ferdast for Herrens andlet i landet til dei levande.

<sup>10</sup> Eg trudde, også då eg sa: «Eg er hardt plaga.»

<sup>11</sup> Eg sa i min angst: «Alle menneske lyg.»

<sup>12</sup> Kva kan eg gje Herren att for alt det gode han gjer?

<sup>13</sup> Eg lyfter frelses beger og kallar på Herrens namn.

<sup>14</sup> Eg oppfyller mine lovnader til Herren framfor heile hans folk.

<sup>15</sup> Det kostar Herren mykje at hans trugne døyr.

<sup>16</sup> Å, Herre, eg er din tenar, ein tenar og son til di tenestekvinne. Du har løyst mine lenkjer.

<sup>17</sup> Eg slaktar takkoffer til deg og kallar på Herrens namn.

<sup>18</sup> Eg oppfyller mine lovnader til Herren framfor heile hans folk,

<sup>19</sup> i føregardane til Herrens hus, midt inne i deg, Jerusalem. Halleluja!

### **Salmane 117**

<sup>1</sup> Lovsyng Herren, alle folk, pris han, alle folkeslag!

<sup>2</sup> For hans miskunn er mektig over oss. Herrens truskap varer evig. Halleluja!

### **Salmane 118**

<sup>1</sup> Takk Herren, for han er god, evig varer hans miskunn.

<sup>2</sup> Israel skal seia: Evig varer hans miskunn.

- <sup>3</sup> Arons hus skal seia: Evig varer hans miskunn.
- <sup>4</sup> Dei som fryktar Herren, skal seia: Evig varer hans miskunn.
- <sup>5</sup> Eg var i trengsle og ropa til Herren, han svara og førte meg ut i ope land.
- <sup>6</sup> Herren er med meg, eg er ikkje redd. Kva kan menneske gjera meg?
- <sup>7</sup> Herren er med meg, han hjelper meg, eg kan sjå på dei som hatar meg.
- <sup>8</sup> Det er betre å søkja tilflukt hos Herren enn å stola på menneske.
- <sup>9</sup> Det er betre å søkja tilflukt hos Herren enn å stola på fyrstar.
- <sup>10</sup> Alle folkeslag omringa meg, i Herrens namn slo eg dei tilbake.
- <sup>11</sup> Dei var omkring meg på alle kantar, i Herrens namn slo eg dei tilbake.
- <sup>12</sup> Dei var omkring meg som bier. Dei slokna som eld i klunger, i Herrens namn slo eg dei tilbake.
- <sup>13</sup> Dei pressa meg hardt, eg heldt på å falla, men Herren hjalp meg.
- <sup>14</sup> Herren er min styrke og min song, han har vorte mi frelse.
- <sup>15</sup> Høyr, det er jubel og sigersrop i teltet til dei rettferdige! Herrens høgre hand gjer storverk,
- <sup>16</sup> Herrens høgre hand lyfter opp. Herrens høgre hand gjer storverk.
- <sup>17</sup> Eg skal ikkje døy, men leva og fortelja om Herrens gjerningar.
- <sup>18</sup> Hardt har Herren tukta meg, men han overgav meg ikkje til døden.
- <sup>19</sup> Lat rettferds portar opp for meg, eg vil gå inn og prisa Herren!
- <sup>20</sup> Dette er Herrens port, her går dei rettferdige inn.
- <sup>21</sup> Eg prisar deg fordi du svara meg, du vart mi frelse.
- <sup>22</sup> Steinen som bygningsmennene vraka, har vorte hjørnestein.
- <sup>23</sup> Dette er Herrens eige verk, underfullt er det i våre auge.
- <sup>24</sup> Dette er dagen som Herren har gjort; lat oss jubla og gleda oss no!
- <sup>25</sup> Herre, frels! Herre, lat det lukkast!

<sup>26</sup> Velsigna er han som kjem i Herrens namn! Vi velsignar dykk frå Herrens hus.

<sup>27</sup> Herren er Gud, han lyser for oss. Bind festofferet til altarahorna med tau!

<sup>28</sup> Du er min Gud, eg takkar deg, min Gud, eg opphøgjer deg.

<sup>29</sup> Takk Herren, for han er god, evig varer hans miskunn.

## **Salmane 119**

*Alef*

א

<sup>1</sup> Sæle er dei som er heile i si ferd, dei som følgjer Herrens lov.

<sup>2</sup> Sæle er dei som tek vare på hans lovbod, som søkjer han av heile sitt hjarte.

<sup>3</sup> Dei gjer ikkje urett, men går på hans vegar.

<sup>4</sup> Du har gjeve dine påbod for at dei skal haldast nøye.

<sup>5</sup> Lat meg ferdast med faste steg så eg held dine forskrifter!

<sup>6</sup> Då blir eg ikkje til skamme når eg har alle dine bod for auge.

<sup>7</sup> Eg prisar deg av eit ærleg hjarte når eg lærer dine rettferdige lover.

<sup>8</sup> Eg vil halda dine forskrifter, du må ikkje svikta meg!

*Bet*

ב

<sup>9</sup> Korleis held den unge stigen sin rein? Ved å akta på dine ord.

<sup>10</sup> Eg søkjer deg av heile mitt hjarte, lat meg ikkje villast bort frå dine bod!

<sup>11</sup> Eg gøymer ditt ord i hjartet så eg ikkje skal synda mot deg.

<sup>12</sup> Velsigna er du, Herre! Lær meg dine forskrifter!

<sup>13</sup> Leppene mine reknar opp alle lovene frå din munn.

<sup>14</sup> Dine lovbod viser meg veg, dei gjev like stor glede som all rikdom.

<sup>15</sup> Eg vil grunda på dine påbod, festa blikket på dine stigar.

<sup>16</sup> Eg frydar meg over dine forskrifter, eg gløymer ikkje dine ord.

*Gimel*

λ

- 17 Gjer godt mot din tenar, eg vil leva og akta på dine ord.
- 18 Lat opp auga mine så eg kan sjå det underfulle i di lov!
- 19 Eg er ein framand på jorda, løyn ikkje boda dine for meg!
- 20 Eg fortærest dag og natt av lengt etter dine lover.
- 21 Du refsar dei frekke og bannstøytte, som villar seg bort frå dine bod.
- 22 Ta spott og forakt bort frå meg, for eg tek vare på dine lovbod.
- 23 Sjølv når stormenn sit og snakkar om meg, grundar din tenar på dine forskrifter.
- 24 Ja, eg frydar meg over dine lovbod, det er dei som gjev meg råd.

*Dalet*

ṽ

- 25 Eg ligg pressa mot støvet. Gjev meg liv slik du har sagt!
- 26 Eg fortalde om mine vegar, og du svara meg. Lær meg dine forskrifter!
- 27 Lat meg skjøna den vegen dine påbod viser! Eg vil grunda på dine under.
- 28 Mi sjel græt av sorg. Reis meg opp slik du har sagt!
- 29 Hald løgns veg borte frå meg, gjev meg i nåde di lov!
- 30 Eg har valt truskaps veg, dine lover har eg for auge.
- 31 Eg held fast på dine lovbod. Herre, lat meg ikkje bli til skamme!
- 32 Eg vil springa den vegen dine bod viser, for du gjer mitt hjarte stort.

*He*

ḥ

- 33 Herre, lær meg den vegen dine forskrifter viser, så vil eg alltid ta vare på han!
- 34 Gjev meg vit til å ta vare på di lov og halda henne av heile mitt hjarte!
- 35 Lei meg på den stigen boda dine viser, for han gjev meg glede.

- 36 Bøy mitt hjarte mot dine lovbod og ikkje mot eiga vinning!
- 37 Vend blikket mitt bort frå det som er tomt, gjev meg liv på din veg!
- 38 Lat ditt ord til din tenar stå fast så eg kan frykta deg.
- 39 Ta bort spotten eg fryktar, for dine lover er gode!
- 40 Sjå, eg lengtar etter dine påbod, gjev meg liv ved di rettferd!

*Waw*

†

- 41 Herre, lat di miskunn koma til meg, og di frelse, slik du har sagt!
- 42 Då kan eg gje spottaren svar, for eg lit på ditt ord.
- 43 Riv ikkje sanningsordet ut or min munn, for eg ventar på dine lover.
- 44 Då vil eg stadig halda di lov, for evig og alltid.
- 45 Lat meg ferdast i ope land, for eg spør etter dine påbod!
- 46 Eg vil tala for kongar om dine lovbod, og eg skal ikkje bli til skamme.
- 47 Eg frydar meg over dine bod, dei som eg elskar.
- 48 Eg lyfter hendene mot boda dine, som eg elskar, og grundar på dine forskrifter.

*Zajin*

†

- 49 Kom i hug ditt ord til din tenar. Gjennom det har du gjeve meg von.
- 50 Det er mi trøyst i nauda at ditt ord gjev meg liv.
- 51 Dei frekke håner meg grovt, men eg har ikkje bøygd av frå di lov.
- 52 Eg kjem i hug dine lover frå gammal tid, Herre, då finn eg trøyst.
- 53 Eg blir gripen av harme over dei lovlause, dei som går bort frå di lov.
- 54 Dine forskrifter er mine songar kvar eg enn held til.
- 55 Herre, eg kjem i hug namnet ditt om natta, og eg held di lov.
- 56 Slik er det med meg, for eg tek vare på dine påbod.

*Het*

π

<sup>57</sup> Herren er min arvedel, eg lovar å halda dine ord.

<sup>58</sup> Av heile mitt hjarte bed eg om velvilje for ditt andlet. Ver meg nådig slik du har sagt!

<sup>59</sup> Eg har tenkt over mine vegar, eg vil venda attende til dine lovbod.

<sup>60</sup> Eg skundar meg, eg dryger ikkje med å halda dine bod.

<sup>61</sup> Dei lovlauses band slyngjer seg om meg, men eg gløymer ikkje di lov.

<sup>62</sup> Midt på natta står eg opp og prisar deg for dine rettferdige lover.

<sup>63</sup> Eg er ven med alle som fryktar deg, med dei som held dine påbod.

<sup>64</sup> Herre, jorda er full av di miskunn. Lær meg dine forskrifter!

*Tet*

υ

<sup>65</sup> Herre, du gjer vel mot din tenar slik som du har sagt.

<sup>66</sup> Gjev meg kunnskap og godt vit, eg stolar på dine bod!

<sup>67</sup> Før eg vart audmjuka, var eg på villspor, no held eg det du har sagt.

<sup>68</sup> Du er god, og det du gjer, er godt. Lær meg dine forskrifter!

<sup>69</sup> Dei frekke svertar meg med løgn, eg tek vare på dine påbod av heile mitt hjarte.

<sup>70</sup> Deira hjarte er sløvt av feitt, men eg frydar meg over di lov.

<sup>71</sup> Det var godt for meg å bli audmjuka så eg kunne læra dine forskrifter.

<sup>72</sup> Lova frå din munn er betre for meg enn mengder av gull og sølv.

*Jod*

Ͽ

<sup>73</sup> Dine hender har skapt meg og halde meg oppe. Gjev meg skjøn så eg lærer dine bod!

<sup>74</sup> Dei som fryktar deg, skal sjå meg og bli glade, for eg ventar på ditt ord.

<sup>75</sup>Herre, eg veit at lovene dine er rette, at du var trufast då du audmjuka meg.

<sup>76</sup>Lat di miskunn vera mi trøyst slik du har sagt til din tenar!

<sup>77</sup>Lat din kjærleik koma til meg, så eg kan leva, for eg frydar meg over di lov.

<sup>78</sup>Lat dei frekke bli til skamme, dei som krenkjer meg med løgn. Eg grundar på dine påbod.

<sup>79</sup>Lat dei som fryktar deg, koma tilbake, lat dei som kjenner dine lovbod, koma til meg.

<sup>80</sup>Lat meg følgja dine forskrifter med heilt hjarte så eg ikkje blir til skamme.

*Kaf*

כ

<sup>81</sup>Eg tærest bort av lengsel etter di frelse, eg ventar på ditt ord.

<sup>82</sup>Auga sloknar, eg ventar på dine ord, eg spør: «Når vil du trøysta meg?»

<sup>83</sup>Eg har vorte som ein skinnsekk i røyk, likevel gløymer eg ikkje dine forskrifter.

<sup>84</sup>Kor mange dagar har din tenar att? Når vil du fella dom over dei som jagar meg?

<sup>85</sup>Dei frekke grev fallgraver for meg i strid med di lov.

<sup>86</sup>Pålitelege er alle dine bod. Hjelp meg! Dei jagar meg med løgn.

<sup>87</sup>Dei har mest gjort ende på meg her på jorda, men eg forlèt ikkje dine påbod.

<sup>88</sup>Gjev meg liv i di miskunn, så vil eg halda lovbodet frå din munn.

*Lamed*

ל

<sup>89</sup>I all æve, Herre, står ditt ord fast i himmelen.

<sup>90</sup>Din truskap varer frå slekt til slekt, du har grunnfest jorda, og ho står ved lag.

<sup>91</sup>Etter dine lover står dei til denne dag, for alle ting må tena deg.



- <sup>92</sup>Om eg ikkje frydar meg over di lov, går eg til grunne i mi naud.
- <sup>93</sup>Eg gløymer aldri dine påbod, ved dei gjev du meg liv.
- <sup>94</sup>Frels meg, for eg er din! Eg spør etter dine påbod.
- <sup>95</sup> Dei lovlause ventar på å øydeleggja meg, eg tenkjer på dine lovbod.
- <sup>96</sup>Eg ser at alt som er fullkome, har ei grense, men ditt bod når uendeleg vidt.

*Mem*

ጎ

- <sup>97</sup>Kor eg elsker di lov! Eg grundar på henne heile dagen.
- <sup>98</sup>Ditt bod gjer meg meir vis enn mine fiendar. Det er alltid hos meg.
- <sup>99</sup>Eg skjønar meir enn alle mine lærarar, for eg grundar på dine lovbod.
- <sup>100</sup>Eg har meir innsikt enn dei gamle, for eg tek vare på dine påbod.
- <sup>101</sup>Eg held føtene borte frå vonde vegar så eg kan akta på ditt ord.
- <sup>102</sup>Eg vik ikkje frå dine lover, for du rettleier meg.
- <sup>103</sup> Kor søte dine ord er for ganen, betre enn honning i munnen.
- <sup>104</sup> Eg får innsikt av dine påbod, difor hatar eg falske vegar.

*Nun*

ገ

- <sup>105</sup> Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys for min stig.
- <sup>106</sup>Eg har svore, og det står eg ved, at eg vil halda dine rettferdige lover.
- <sup>107</sup>Eg er djupt nedbøygd. Herre, gjev meg liv slik du har sagt!
- <sup>108</sup> Herre, ta imot gáva frå min munn og lær meg dine lover!
- <sup>109</sup>Eg går alltid med livet i hendene, men gløymer ikkje di lov.
- <sup>110</sup>Dei lovlause sette ei snare for meg, men eg villar meg ikkje bort frå dine påbod.
- <sup>111</sup>Dine lovbod er min eigedom for alltid, dei gleder mitt hjarte.
- <sup>112</sup>Eg bøyer hjartet mot dine forskrifter for alltid, til evig tid.

## Samek

D

- 113 Eg hatar dei som har eit delt hjarte, men eg elsker di lov.
- 114 Du er mitt vern og mitt skjold, eg ventar på ditt ord.
- 115 Vik frå meg, valdsmenn! Eg vil ta vare på boda frå min Gud.
- 116 Hald meg oppe slik du har sagt, så eg kan leva. Lat ikkje mi von bli til skamme!
- 117 Støtt meg så eg blir berga og alltid har dine forskrifter for auge.
- 118 Alle som villar seg bort frå dine forskrifter, vrakar du, for dei fer med svik og løgn.
- 119 Alle dei lovause i landet tek du bort som slagg, difor elsker eg dine lovbod.
- 120 Kroppen skjelv av redsle for deg, eg fryktar dine lover.

## Ajin

J

- 121 Eg har gjort det som er rett og rettferdig. Overlat meg ikkje til dei som vil undertrykkja meg!
- 122 Gå god for din tenar så det går han vel. Lat ikkje dei frekke undertrykkja meg!
- 123 Auga sløknar, eg ventar på di frelse og på ditt rettferdige ord.
- 124 Vis miskunn mot din tenar, lær meg dine forskrifter!
- 125 Eg er din tenar, gjev meg skjøn så eg kan kjenna dine lovbod!
- 126 Det er tid for å gripa inn, Herre, for dei har brote di lov.
- 127 Difor elsker eg dine bod meir enn gull, ja, skinande gull.
- 128 Difor retter eg meg etter alle dine påbod, eg hatar alle falske vegar.

## Pe

D

- 129 Underfulle er dine lovbod, difor tek eg vare på dei.
- 130 Dine ord gjev lys når dei opnar seg, dei gjev uvitande skjøn.
- 131 Med lengsel opnar eg munnen, for eg stundar etter dine bod.
- 132 Vend deg til meg og ver meg nådig! Det er rett mot dei som elsker namnet ditt.
- 133 Gjer mine steg faste slik du har sagt, lat ingen urett få makt over meg!
- 134 Fri meg frå dei som bruker vald, så vil eg halda dine påbod!
- 135 Lat ditt andlet lysa over din tenar, lær meg dine forskrifter!
- 136 Tårene strøymmer frå auga mine på grunn av dei som ikkje held di lov.

*Tsade*

‡

- 137 Du er rettferdig, Herre, dine lover er rette.
- 138 Du gjev dine lovbod i rettferd og i din store truskap.
- 139 Min brennande iver gjer ende på meg, for motstandarane mine har gløymt dine ord.
- 140 Ditt ord er prøvd med eld, tenaren din elsker det.
- 141 Eg er ung og forakta, men eg gløymer ikkje dine påbod.
- 142 Di rettferd er alltid rett, di lov er sanning.
- 143 Naud og trengsle har kome over meg, men eg frydar meg over dine bod.
- 144 Dine lovbod er alltid rette. Gjev meg skjøn så eg kan leva!

*Qof*

‡

- 145 Eg ropar av heile mitt hjarte, svar meg, Herre! Dine forskrifter vil eg ta vare på.
- 146 Eg ropar til deg, frels meg så eg kan halda dine lovbod!
- 147 Før morgonen renn, ropar eg. Eg ventar på ditt ord.

148 Med auga opne går eg inn i kvar nattevakt for å grunda på ditt ord.

149 Høyr meg i di miskunn, Herre, gjev meg liv etter dine lover!

150 Dei som skamlaust jagar meg, er nær, dei er langt borte frå di lov.

151 Herre, du er nær, alle dine bod er sanning.

152 Av dine lovbod har eg lenge skjøna at du har grunnlagt dei for evig.

*Resj*

᠖

153 Sjå mi naud og fri meg ut! For eg har ikkje gløymt di lov.

154 Før mi sak og kjøp meg fri, gjev meg liv etter ditt ord!

155 For dei lovlause er hjelpa langt borte, dei spør ikkje etter dine forskrifter.

156 Herre, di miskunn er stor, gjev meg liv etter dine lover!

157 Det er mange som jagar meg og står meg imot, men eg bøyer ikkje av frå dine lovbod.

158 Eg ser dei trulause og kjenner avsky, dei tek ikkje vare på ditt ord.

159 Sjå, eg elsker dine påbod! Herre, gjev meg liv i di miskunn!

160 Summen av ditt ord er sanning, dine rettferdige lover varer evig.

*Sjin*

᠗

161 Stormenn jagar meg utan grunn, men i hjartet fryktar eg ditt ord.

162 Eg gleder meg over ditt ord lik ein som vinn stort krigsbytte.

163 Eg hatar og avskyr løgn, men eg elsker di lov.

164 Sju gonger om dagen lovsyng eg deg for dine rettferdige lover.

165 Stor fred har dei som elsker di lov, ingen ting får dei til å snubla.

166 Herre, eg ventar på di frelse, eg følgjer dine bod.

167 Eg tek vare på dine lovbod, og eg elsker dei høgt.

168 Eg har halde dine bod og påbod, du kjenner alle mine vegar.

*Taw*

ן

<sup>169</sup>Herre, lat ropet mitt nå fram til deg, gjev meg skjøn etter ditt ord!

<sup>170</sup>Lat mi bøn koma fram for deg, berg meg, som du har sagt!

<sup>171</sup>Lat leppene strøyma over av lovsong, for du lærer meg dine forskrifter.

<sup>172</sup>Lat tunga syngja ut ditt ord, for alle dine bod er rettferdige.

<sup>173</sup>Lat di hand koma meg til hjelp, for eg har valt dine påbod.

<sup>174</sup>Herre, eg lengtar etter di frelse, eg frydar meg over di lov.

<sup>175</sup>Lat meg leva og lovsyngja deg, lat dine lover vera mi hjelp!

<sup>176</sup>Eg har villa meg bort som ein bortkomen sau. Leit etter meg, din tenar, eg har ikkje gløymt dine bod.

### **Salmane 120**

<sup>1</sup>Ein song til festreisene. Eg ropa til Herren i mi naud, og han svara meg.

<sup>2</sup>Herre, berg meg frå lepper som lyg, frå tunger fulle av svik!

<sup>3</sup>Kva skal han gje deg, du svikefulle tunge, kva meir skal han la deg få?

<sup>4</sup>Stridsmannens kvasse piler og brennande kol frå gyvelbusken!

<sup>5</sup>Ve meg! Eg er innflyttar i Mesjek, eg bur mellom Kedars telt!

<sup>6</sup>Altfor lenge har eg budd mellom folk som hatar fred.

<sup>7</sup>Eg er fred, men om eg talar, går dei til krig.

### **Salmane 121**

<sup>1</sup>Ein song til festreisene. Eg lyfter auga mine til fjella. Kvar kjem mi hjelp ifrå?

<sup>2</sup>Mi hjelp kjem frå Herren, som har skapt himmel og jord.

<sup>3</sup>Han vil ikkje la foten din vakla, din vaktar vil ikkje blunda!

<sup>4</sup>Sjå, han blundar ikkje og søv ikkje, Israels vaktar.

<sup>5</sup>Herren er din vaktar, Herren er din skugge ved di høgre hand.

<sup>6</sup>Sola skal ikkje skada deg om dagen, heller ikkje månen om natta.

<sup>7</sup>Herren skal vara deg frå alt vondt. Han skal verna om ditt liv.

<sup>8</sup>Herren skal vara din utgang og din inngang frå no og til evig tid.

## **Salmane 122**

<sup>1</sup>Ein song til festreisene. Av David. Eg vart glad då dei sa til meg: «Vi vil gå til Herrens hus.»

<sup>2</sup>Føtene våre står i portane dine, Jerusalem.

<sup>3</sup>Jerusalem, du er bygd som ein heil og samla by!

<sup>4</sup>Dit dreg stammane opp, Herrens stammar! Det er ei lov for Israel å prisa Herrens namn.

<sup>5</sup>Ja, der står troner for dommarar, kongstolar for Davids hus.

<sup>6</sup>Bed om fred for Jerusalem! Må dei som elsker deg, leva trygt!

<sup>7</sup>Må fred råda innanfor dine vollar, tryggleik i dine borger!

<sup>8</sup>For mine brør og vener skuld vil eg seia: «Fred over deg!»

<sup>9</sup>For tempelet skuld, Herren vår Guds hus, vil eg ønskja deg det gode.

## **Salmane 123**

<sup>1</sup>Ein song til festreisene. Til deg lyfter eg mine auge, du som tronar i himmelen.

<sup>2</sup>Som auga til tenarar følgjer handa til herrane, som auga til tenestekvinna følgjer handa til husfrua, slik følgjer auga våre Herren vår Gud heilt til han viser oss nåde.

<sup>3</sup>Ver nådig mot oss, Herre, ver nådig! For vi er meir enn mette av forakt,

<sup>4</sup>meir enn mette av hån frå dei sjølvsikre og forakt frå dei hovmodige.

## **Salmane 124**

<sup>1</sup>Ein song til festreisene. Av David. Hadde ikkje Herren vore med oss, skal Israel seia,

- <sup>2</sup>hadde ikkje Herren vore med då menneske reiste seg mot oss,  
<sup>3</sup>så hadde dei slukt oss levande då vreiden deira flamma opp,  
<sup>4</sup>så hadde vatnet skylt over oss, flaumen hadde strøymt over oss,  
<sup>5</sup>så hadde det veldige vatnet strøymt over oss.  
<sup>6</sup>Velsigna er Herren som ikkje gav oss til rov for deira tenner!  
<sup>7</sup>Vi slapp fri som fuglen frå jegerens snare. Snara rauk, og vi slapp fri.  
<sup>8</sup>Vår hjelp er i Herrens namn, han som skapte himmel og jord.

### **Salmane 125**

- <sup>1</sup>Ein song til festreisene. Dei som set si lit til Herren, er som Sion-fjellet; det skal aldri rokkast, men stå til evig tid.  
<sup>2</sup>Fjell omgjev Jerusalem, Herren omgjev sitt folk frå no og til evig tid.  
<sup>3</sup>Urettferdig kongstav skal ikkje kvila over landet dei rettferdige arva, for då kunne den rettferdige lyfta handa til urett.  
<sup>4</sup>Herre, gjer godt mot dei gode, mot dei som har eit ærleg hjarte.  
<sup>5</sup>Men Herren sender frå seg dei som går krokvegar, og dei som gjer urett. Fred over Israel!

### **Salmane 126**

- <sup>1</sup>Ein song til festreisene. Då Herren vende Sions lagnad, var det som ein draum for oss.  
<sup>2</sup>Då fyltest vår munn med lått, vår tunge med jubel. Då sa dei mellom folka: «Stort er det som Herren har gjort mot dei.»  
<sup>3</sup>Ja, stort er det som Herren gjorde mot oss, og vi vart glade.  
<sup>4</sup>Herre, vend vår lagnad som bekkene i Negev!  
<sup>5</sup>Dei som sår med tårer, skal hausta med jubel.  
<sup>6</sup>Gråtande går dei ut og ber sitt såkorn, med jubel kjem dei tilbake og ber sine kornband.

## Salmane 127

<sup>1</sup>Ein song til festreisene. Av Salomo. Dersom Herren ikkje byggjer huset, arbeider bygningsmennene fåfengt. Dersom Herren ikkje vaktar byen, vaker vaktmannen fåfengt.

<sup>2</sup>Fåfengt står de tidleg opp og set dykk seint ned og et brødet de har slite for. Det same gjev han venene sine medan dei søv.

<sup>3</sup>Born er ei gåve frå Herren, livsfrukt er ei løn.

<sup>4</sup>Som piler i stridsmannens hand er søner ein får i sin ungdom.

<sup>5</sup>Sæl er den mann som fyller pilehuset sitt med dei. Han blir ikkje til skamme når han talar mot fiendar i porten.

## Salmane 128

<sup>1</sup>Ein song til festreisene. Sæl er den som fryktar Herren og går på hans vegar.

<sup>2</sup>Du får nyta frukta av ditt strev. Sæl er du, det skal gå deg vel.

<sup>3</sup>Kona di er som ein fruktbar vinstokk inne i ditt hus, borna er som unge oliventre rundt bordet.

<sup>4</sup>Ja, slik blir ein mann velsigna når han fryktar Herren.

<sup>5</sup>Herren velsigne deg frå Sion så du får nyta Jerusalems lukke alle dine dagar!

<sup>6</sup>Måtte du sjå born av dine born! Fred over Israel!

## Salmane 129

<sup>1</sup>Ein song til festreisene. Hardt har dei plaga meg heilt frå min ungdom, skal Israel seia,

<sup>2</sup>hardt har dei plaga meg heilt frå min ungdom, men dei har ikkje vunne over meg.

<sup>3</sup>På ryggen min har plogmenn pløgd og drege lange fører.

<sup>4</sup>Men Herren er rettferdig, reipa til dei urettferdige har han hogge av.

<sup>5</sup>Måtte alle som hatar Sion, dra seg tilbake med skam!



<sup>6</sup>Måtte dei bli lik gras på taket, som visnar før ein får slege det.

<sup>7</sup>Den som haustar det, får ikkje handa full, den som samlar, får ikkje fanget fylt,

<sup>8</sup>dei som fer framom, seier ikkje: Herrens velsigning vere over dykk! Vi velsignar dykk i Herrens namn!

### **Salmane 130**

<sup>1</sup>Ein song til festreisene. Frå djupet ropar eg til deg, Herre.

<sup>2</sup>Herre, høyr mi røyst! Vend øyret til mitt rop om nåde.

<sup>3</sup>Dersom du, Herre, vil gøyma på synder, Herre, kven kan då bli ståande?

<sup>4</sup>Men hos deg er tilgjeving, så vi skal frykta deg.

<sup>5</sup>Eg set mi von til Herren, eg lengtar, eg ventar på hans ord.

<sup>6</sup>Mi sjel ventar på Herren meir enn vaktmenn på morgonen, vaktmenn på morgonen.

<sup>7</sup>Vent på Herren, Israel! For hos Herren er miskunn og kraft til å løysa ut.

<sup>8</sup>Han skal løysa Israel ut frå alle deira synder.

### **Salmane 131**

<sup>1</sup>Ein song til festreisene. Av David. Herre, hjartet mitt er ikkje hovmodig, auga mine er ikkje stolte. Eg går ikkje med tankar som er for store og underfulle for meg.

<sup>2</sup>Nei, eg har fått mi sjel til å vera stille og roleg som eit lite barn hos mor si. Som det vesle barnet, slik er mi sjel i meg.

<sup>3</sup>Israel, vent på Herren frå no og til evig tid!

### **Salmane 132**

<sup>1</sup>Ein song til festreisene. Herre, kom i hug David og alt han heldt ut!

<sup>2</sup>Han svor til Herren, gav Jakobs Mektige ein lovnad:

<sup>3</sup>«Eg vil ikkje gå inn i huset mitt, ikkje leggja meg i senga,

- <sup>4</sup>ikkje unna meg blund på auga og ikkje la augneloka kvila
- <sup>5</sup>før eg har funne ein stad for Herren, ein bustad for Jakobs Mektige.»
- <sup>6</sup>Vi høyrde om paktkista i Efrata, vi fann henne på markene ved Jaar.
- <sup>7</sup>Lat oss gå inn i hans bustad, kasta oss ned for hans fotskammel!
- <sup>8</sup>Reis deg, Herre, og kom til din kvilestad, du og paktkista, som er din styrke.
- <sup>9</sup>Prestane dine skal kle seg i rettferd, dine trugne skal ropa av fryd.
- <sup>10</sup>For David, din tenar skuld, vis ikkje frå deg den du har salva!
- <sup>11</sup> Herren har svore til David eit påliteleg ord han ikkje går frå: «Di livsfrukt vil eg setja på trona di.
- <sup>12</sup>Dersom sønene dine held mi pakt og den lov eg vil læra dei, så skal sønene deira òg alltid sitja på di trone.»
- <sup>13</sup>For Herren har valt ut Sion, henne vil han ha til bustad:
- <sup>14</sup>«Dette er min kvilestad for all tid, her vil eg bu, for henne vil eg ha.
- <sup>15</sup>Maten hennar vil eg velsigna, dei fattige vil eg metta med brød,
- <sup>16</sup>prestane hennar kler eg i frelse, dei trugne skal ropa av fryd.
- <sup>17</sup> Der lèt eg eit horn veksa fram for David, eg steller til ei lampe for den eg har salva.
- <sup>18</sup>Fienden vil eg kle i skam, men på han skal krona stråla.»

### **Salmane 133**

- <sup>1</sup>Ein song til festreisene. Av David. Sjå, kor godt og vakkert det er når brør bur saman!
- <sup>2</sup>Det er som den fine oljen på hovudet når han renn ned i skjegget, Arons skjegg, ned over linningen på kjortelen.
- <sup>3</sup>Det er som dogg frå Hermon når han fell på Sions fjell. For der gjev Herren velsigning, liv til evig tid.

### **Salmane 134**

<sup>1</sup> Ein song til festreisene. Velsign Herren, alle Herrens tenarar, de som står i Herrens hus om nettene!

<sup>2</sup> Lyft hendene mot det heilage og velsign Herren!

<sup>3</sup> Herren velsigne deg frå Sion, han som skapte himmel og jord!

### **Salmane 135**

<sup>1</sup> Halleluja! Lovsyng Herrens namn, syng lovsong, Herrens tenarar,

<sup>2</sup> de som står i Herrens hus, i føregardane til vår Guds hus!

<sup>3</sup> Pris Herren, for Herren er god, lovsyng hans namn, for det er herleg!

<sup>4</sup> Herren har valt ut Jakob, gjort Israel til sin eignedom.

<sup>5</sup> Eg veit at Herren er stor, vår Herre er større enn alle gudar.

<sup>6</sup> Alt Herren vil, det gjer han, i himmelen og på jorda, i havet og i alle djup.

<sup>7</sup> Han lèt skyer gå opp frå enden av jorda, han lagar lyn og regn og lèt vinden sleppa ut frå sine forrådsammer.

<sup>8</sup> Han slo dei førstefødde i Egypt, både menneske og dyr.

<sup>9</sup> Han sende teikn og under mot deg, Egypt, mot farao og alle hans tenarar.

<sup>10</sup> Han slo mange folkeslag og drap mektige kongar:

<sup>11</sup> amorittkongen Sihon, kong Og i Basan, og alle kongerike i Kanaan.

<sup>12</sup> Han gav landet deira til eignedom, til eignedom for Israel, sitt folk.

<sup>13</sup> Herren er ditt namn til evig tid, Herren skal du kallast frå slekt til slekt.

<sup>14</sup> For Herren vil skaffa folket sitt rett og ha medkjensle med sine tenarar.

<sup>15</sup> Gudebileta til folka er sølv og gull, menneskehender har laga dei.

<sup>16</sup> Dei har munn, men kan ikkje tala, dei har auge, men kan ikkje sjå.

<sup>17</sup> Dei har øyre, men kan ikkje høyra, det er ikkje ande i deira munn.

<sup>18</sup> Slik blir også dei som lagar dei, og alle som set si lit til dei.

<sup>19</sup> Velsign Herren, Israels hus! Velsign Herren, Arons hus!

<sup>20</sup> Velsign Herren, Levis hus! Velsign Herren, de som fryktar han.

<sup>21</sup> Velsigna er Herren frå Sion, han som bur i Jerusalem. Halleluja!

### **Salmane 136**

<sup>1</sup> Pris Herren, for han er god, evig varer hans miskunn.

<sup>2</sup> Pris han som er Gud over alle gudar, evig varer hans miskunn.

<sup>3</sup> Pris han som er Herre over alle herrar, evig varer hans miskunn.

<sup>4</sup> Han åleine gjer store under, evig varer hans miskunn.

<sup>5</sup> Han skapte himmelen med forstand, evig varer hans miskunn.

<sup>6</sup> Han breidde jorda ut over vatnet, evig varer hans miskunn.

<sup>7</sup> Han skapte dei store lysa, evig varer hans miskunn,

<sup>8</sup> sola til å herska over dagen, evig varer hans miskunn,

<sup>9</sup> månen og stjernene til å herska over natta, evig varer hans miskunn.

<sup>10</sup> Han slo dei førstefødde i Egypt, evig varer hans miskunn,

<sup>11</sup> og førte Israel ut derifrå, evig varer hans miskunn,

<sup>12</sup> med sterk hand og utstrekt arm, evig varer hans miskunn.

<sup>13</sup> Han kløyvde Sivsjøen i to, evig varer hans miskunn,

<sup>14</sup> førte Israel tvers igjennom, evig varer hans miskunn,

<sup>15</sup> og støytt farao og hans hær ut i Sivsjøen, evig varer hans miskunn.

<sup>16</sup> Han førte sitt folk i ørkenen, evig varer hans miskunn.

<sup>17</sup> Han slo store kongar, evig varer hans miskunn,

<sup>18</sup> drap veldige kongar, evig varer hans miskunn,

<sup>19</sup> amorittkongen Sihon, evig varer hans miskunn,

<sup>20</sup> kong Og i Basan, evig varer hans miskunn,

<sup>21</sup> og gav deira land til eigedom, evig varer hans miskunn,

<sup>22</sup> til eigedom for Israel, sin tenar, evig varer hans miskunn.

<sup>23</sup> Han kom oss i hug då vi var fornedra, evig varer hans miskunn,

<sup>24</sup>og reiv oss ut av våre fiendars vald, evig varer hans miskunn.

<sup>25</sup> Han gjev mat til alt som lever, evig varer hans miskunn.

<sup>26</sup>Pris Gud i himmelen, evig varer hans miskunn.

### **Salmane 137**

<sup>1</sup> Ved elvane i Babel sat vi og gret når vi tenkte på Sion.

<sup>2</sup>Vi hengde lyrene opp i piletree.

<sup>3</sup>Dei som tok oss til fange, bad oss om song, dei som bortførte oss, bad om glede: «Syng ein av Sions songar for oss!»

<sup>4</sup>Korleis kan vi syngja Herrens songar på framand jord?

<sup>5</sup>Gløymer eg deg, Jerusalem, så lat mi høgre hand bli gløymd!

<sup>6</sup>Lat tunga klistra seg til ganen om eg ikkje tenkjer på deg, om eg ikkje set Jerusalem høgare enn mi største glede!

<sup>7</sup> Herre, hugs Jerusalems dag då Edoms søner sa: «Riv ned! Riv ned til grunnen!»

<sup>8</sup> Du dotter Babel som er herja, sæl er den som gjev deg att for det du gjorde mot oss.

<sup>9</sup> Sæl er den som grip dine born og knuser dei mot berget!

### **Salmane 138**

<sup>1</sup> Av David. Eg vil takka deg av heile mitt hjarte, syngja og spela framfor gudar.

<sup>2</sup> Eg bøyer meg mot ditt heilage tempel, eg prisar ditt namn for di miskunn og din truskap. Du har gjort ditt namn og ditt ord større enn alt.

<sup>3</sup> Du svara meg den dagen eg ropa, du fylte meg med styrke.

<sup>4</sup> Alle kongar på jorda skal takka deg, Herre, når dei høyrer orda frå din munn.

- <sup>5</sup>Dei skal syngja om Herrens vegar, for Herrens herlegdom er stor.
- <sup>6</sup>Høg er Herren, men han ser den låge og kjenner den stolte på lang avstand.
- <sup>7</sup>Går eg i trengsle, held du meg i live, du retter handa ut mot mine arge fiendar, di høgre hand bergar meg.
- <sup>8</sup>Herren skal gjera vel mot meg. Herre, di miskunn varer evig. Svikt ikkje ditt verk!

### **Salmane 139**

- <sup>1</sup>Til korleiaren. Av David. Ein salme. Herre, du ransakar meg og du veit –
- <sup>2</sup>du veit om eg sit eller står, på lang avstand kjenner du mine tankar.
- <sup>3</sup>Om eg går eller ligg, ser du det, du kjenner alle mine vegar.
- <sup>4</sup>Før eg har eit ord på tunga, Herre, kjenner du det fullt ut.
- <sup>5</sup>Bakfrå og framanfrå omgjev du meg, du har lagt di hand på meg.
- <sup>6</sup>Det er eit under eg ikkje skjønar, det er så høgt at eg ikkje kan fatta det.
- <sup>7</sup>Kvar skulle eg gå frå din pust, kvar kunne eg rømme frå ditt andlet?
- <sup>8</sup>Stig eg opp til himmelen, er du der, legg eg meg i dødsriket, er du der òg.
- <sup>9</sup>Tek eg soloppgangens venger og slår meg ned der havet endar,
- <sup>10</sup>då fører di hand meg jamvel der, di høgre hand held meg fast.
- <sup>11</sup>Eg kan seia: «Lat mørkret løyna meg og lyset omkring meg bli natt.»
- <sup>12</sup>Men mørkret er ikkje mørkt for deg, natta er lys som dagen, mørkret er som lyset.
- <sup>13</sup>For du har skapt mine nyrer, du har vove meg i mors liv.
- <sup>14</sup>Eg takkar deg for at eg er så underfullt laga. Underfulle er dine verk, det veit eg godt.
- <sup>15</sup>Knoklane mine var ikkje skjulte for deg då eg vart laga i løynd og voven djupt i jorda.

<sup>16</sup>Auga dine såg meg då eg var eit foster. Alle dagar er skrivne opp i di bok, dei fekk form før éin av dei var komen.

<sup>17</sup>Dine tankar, Gud, er dyrebare for meg, summen av dei er ufatteleg!

<sup>18</sup>Tel eg dei, er dei tallause som sand, blir eg ferdig, er eg enno hos deg.

<sup>19</sup>Gud, om du ville drepa den lovause, om drapsmennene veik frå meg!

<sup>20</sup>Dei talar svikefullt om deg, fiendane dine sver falskt.

<sup>21</sup>Herre, eg hatar dei som hatar deg, og avskyr dei som står deg imot!

<sup>22</sup>Eg hatar dei med eit grenselaust hat, dei har vorte mine fiendar.

<sup>23</sup>Ransak meg, Gud, og kjenn mitt hjarte, prøv meg og kjenn mine tankar!

<sup>24</sup>Sjå om eg følgjer avgudsveg, og lei meg på den evige vegen!

## **Salmane 140**

<sup>1</sup>Til korleiaren. Ein salme av David.

<sup>2</sup>Fri meg, Herre, frå vonde menneske, vern meg mot valdsmenn,

<sup>3</sup>dei som tenkjer ut vonde planar i hjartet og dagleg eggjar til strid.

<sup>4</sup>Dei gjer tunga kvass som slangen, under leppene har dei ormegift. *Sela*

<sup>5</sup>Vakta meg, Herre, for handa til lovause, vern meg mot valdsmenn som vil setja krokfot.

<sup>6</sup>Dei stolte set snarer, attmed stigen spenner dei snorer og nett, dei set feller for meg. *Sela*

<sup>7</sup>Eg seier til Herren: Du er min Gud, Herre, vend øyret til mitt rop om nåde!

<sup>8</sup>Gud Herre, min sterke frelsar, du vernar hovudet mitt i kamp.

<sup>9</sup>Herre, gjev ikkje dei urettferdige det dei ønskjer, lat ikkje planane deira lukkast! *Sela*

<sup>10</sup>Dei som samlar seg rundt meg, lyfter hovudet. Lat uretten dei har på leppene, dyngja dei ned!

<sup>11</sup> Lat gloande kol regna over dei, lat dei falla i djupe groper så dei ikkje reiser seg meir.

<sup>12</sup> Lat ikkje vonde tunger bli verande i landet. Lat ulukke jaga valdsmannen og slå han ned.

<sup>13</sup> Eg veit at Herren fører sak for hjelpelause og skaper rett for fattige.

<sup>14</sup> Dei rettferdige prisar ditt namn, dei rettvise får bu hos deg.

### **Salmane 141**

<sup>1</sup> Ein salme av David. Herre, eg ropar til deg. Skund deg til meg! Lytt når eg ropar!

<sup>2</sup> Lat mi bøn vera røykjelse for deg, mine opplyfte hender eit kveldsoffer.

<sup>3</sup> Herre, set vakt for min munn, vern mine leppers dør!

<sup>4</sup> Bøy ikkje mitt hjarte mot det vonde, mot lovlaus gjerning saman med dei som gjer urett! Den utsøkte maten deira vil eg ikkje smaka.

<sup>5</sup> Lat ein rettferdig slå meg, det er kjærleik. Lat han refsa meg, det er olje på mitt hovud, slikt avviser eg ikkje. Men mi bøn står stadig mot deira vondskap.

<sup>6</sup> Dommarane deira skal støytast nedover berget, dei skal høyra at orda mine var gode.

<sup>7</sup> Knoklane våre ligg strødde ved gapet til dødsriket som når ein pløyer og velter opp jord.

<sup>8</sup> Gud Herre, auga mine er vende mot deg, eg søker tilflukt hos deg. Riv ikkje vekk livet mitt!

<sup>9</sup> Vern meg frå snara dei set for meg, for fellene til dei som gjer urett!

<sup>10</sup> Lat dei urettferdige falla i eige garn medan eg går rett forbi.

### **Salmane 142**

<sup>1</sup> Ein læresalme av David, då han var i hòla. Ei bøn.

<sup>2</sup> Eg ropar høgt til Herren. Eg bed til Herren om nåde.



- <sup>3</sup>Eg auser ut mi klage og fortel han om mi naud.
- <sup>4</sup>Når ånda mi veiknar, kjenner du min stig. På vegen der eg går, set dei snarer.
- <sup>5</sup>Vend blikket mot høgre og sjå: Ingen kjennest ved meg, eg har ikkje nokon stad å flykta, ingen bryr seg om meg.
- <sup>6</sup>Herre, eg ropar til deg. Eg seier: Du er mi tilflukt, min del i landet til dei levande.
- <sup>7</sup>Høyr når eg ropar, for eg er fattig og hjelpelaus! Fri meg frå dei som jagar meg, dei er for sterke.
- <sup>8</sup>Før meg ut av fengselet så eg kan prisa ditt namn! Dei rettferdige skal samla seg om meg, for du gjer godt mot meg.

### **Salmane 143**

- <sup>1</sup>Ein salme av David. Herre, høyr mi bøn, vend øyret til mitt rop om nåde! Svar meg, du som er trufast og rettferdig.
- <sup>2</sup>Gå ikkje i rette med din tenar. For ingen som lever, er rettferdig for deg.
- <sup>3</sup>Fienden har jaga meg, slege meg til jorda. Han har sett meg i stummande mørker, lik dei som er døde for lenge sidan.
- <sup>4</sup>Livsånda slokna i meg, hjartet vart lamma av skrekk.
- <sup>5</sup>Eg kjem gamle dagar i hug, eg tenkjer på heile ditt verk, grundar på det dine hender har gjort.
- <sup>6</sup>Eg retter ut hendene mine til deg, lengtar etter deg lik tørstande jord. *Sela*
- <sup>7</sup>Skund deg og svar meg, Herre, mi ånd går til grunne. Løyn ikkje andletet for meg, elles blir eg lik dei som går i grav.
- <sup>8</sup>Lat meg høyra om di miskunn om morgonen, eg set mi lit til deg! Lær meg den vegen eg skal gå, for eg lyfter mi sjel til deg.
- <sup>9</sup>Fri meg frå mine fiendar, Herre! Hos deg søkjer eg ly.

<sup>10</sup> Lær meg å gjera din vilje, for du er min Gud! Lat din gode Ande leia meg på jamn grunn.

<sup>11</sup>For ditt namn skuld, Herre, hald meg i live! Du som er rettferdig, før meg ut av trengsla!

<sup>12</sup>Du som viser miskunn, rydd ut mine fiendar og gjer ende på alle som står imot meg! For eg er din tenar.

### **Salmane 144**

<sup>1</sup> Av David. Velsigna er Herren, mitt berg, han som lærer opp hendene mine til strid og fingrane til krig.

<sup>2</sup>Han er mi miskunn, mi borg og mitt vern, han er min utfriar og mitt skjold. Eg søker tilflukt hos han, han legg folket mitt under meg!

<sup>3</sup> Herre, kva er vel eit menneske, sidan du vil kjenna det, eit menneskebarn, sidan du tenkjer på det?

<sup>4</sup> Mennesket liknar ein pust, våre dagar er som ein flyktande skugge.

<sup>5</sup> Herre, bøy din himmel og stig ned, rør ved fjella så det ryk av dei!

<sup>6</sup> Lat lynet blinka og spreid dei! Skyt pilene dine og skrem dei!

<sup>7</sup> Rett ut handa frå det høge, fri meg og berg meg frå veldige vatn, frå handa til framande.

<sup>8</sup> Med munnen talar dei tomme ord, med høgre handa opplyft sver dei falskt.

<sup>9</sup> Gud, eg vil syngja ein ny song og spela for deg på tistrengja harpe.

<sup>10</sup> Du gjev kongar siger og friar sin tenar David frå det vonde sverdet.

<sup>11</sup> Fri meg og berg meg frå handa til framande. Med munnen talar dei tomme ord, med høgre handa opplyft sver dei falskt.

<sup>12</sup> Alt som unge liknar sønene våre høgvaksne planter. Døtrene er som beresøylar skorne ut for eit palass.

<sup>13</sup> Då blir forrådsammera fulle, dei bognar av alle slag mat. Sauene våre ute i marka aukar til tusen, ja, mange tusen.

<sup>14</sup> Då blir kyrne våre feite. Ingen bryt ut, og ingen blir borte. Inga klage lyder på torga.

<sup>15</sup> Sælt er det folket som har det slik, sælt er det folket som har Herren til Gud!

## Salmane 145

<sup>1</sup> Ein lovsong av David.

*Alef*

א

Eg vil opphøgja deg, min Gud og konge, og velsigna namnet ditt til evig tid.

*Bet*

ב

<sup>2</sup>Eg vil velsigna deg kvar dag og lovsyngja namnet ditt til evig tid.

*Gimel*

ג

<sup>3</sup> Stor er Herren og verdig lov og pris, stordomen hans kan ingen granska.

*Dalet*

ד

<sup>4</sup> Slekt etter slekt prisar dine gjerningar og fortel om dine storverk.

*He*

ה

<sup>5</sup> Eg grundar på din høge herlegdom og di ære og på dine underfulle ord.

*Waw*

ו

<sup>6</sup> Dei talar om dine sterke og skremmande gjerningar, eg fortel om dine storverk.

*Zajin*

ז

<sup>7</sup> Dei lèt gjetordet gå om alt det gode du gjer, og jublar over di rettferd.

*Het*

ח

<sup>8</sup>Herren er nådig og mild, sein til vreide og rik på miskunn.

*Tet*

ט

<sup>9</sup>Herren er god mot alle, mild mot alt han har skapt.

*Jod*

י

<sup>10</sup>Alle dine skapningar prisar deg, Herre, dine trugne velsignar deg.

*Kaf*

כ

<sup>11</sup>Dei fortel om di herlege kongsmakt og talar om ditt velde.

*Lamed*

ל

<sup>12</sup>Dei lèt menneske læra å kjenna ditt velde, di strålande kongsmakt.

*Mem*

מ

<sup>13</sup> Du er konge gjennom alle tider, du herskar frå slekt til slekt.

*Nun*

נ

{{Herren er påliteleg i alt han seier, trufast i alt han gjer.}}

*Samek*

ס

<sup>14</sup> Herren støttar alle som fell, og reiser alle nedbøygde opp.

*Ajin*

ע

<sup>15</sup> Alle auge ventar på deg, og du gjev dei mat i rett tid.

*Pe*

פ

<sup>16</sup>Du opnar di hand og mettar alt levande med det gode.

*Tsade*

צ

<sup>17</sup>Herren er rettferdig på alle sine vegar, trufast i alt han gjer.

*Qof*

ק

<sup>18</sup> Herren er nær alle som kallar på han, alle som kallar på han i sanning.

*Resj*

ר

<sup>19</sup> Til dei som fryktar han, gjev han det dei ønskjer, han høyrer deira rop og frelser dei.

*Sjin*

ש

<sup>20</sup> Herren vaktar alle som elsker han, men utryddar alle lovlause.

*Taw*

ת

<sup>21</sup> Min munn skal lovprisa Herren, alt som lever, skal velsigna hans heilage namn til evig tid.

## **Salmane 146**

<sup>1</sup> Halleluja! Lovsyng Herren, mi sjel!

<sup>2</sup> Eg vil lovsyngja Herren heile mitt liv, syngja og spela for min Gud så lenge eg er til.

<sup>3</sup> Stol ikkje på fyrstar, menneske som ikkje kan hjelpa.

<sup>4</sup> Dei andar ut og blir til jord att, den dagen fell planane i grus.

<sup>5</sup> Sæl er den som har Jakobs Gud til hjelpar og set si von til Herren sin Gud.

<sup>6</sup> Han skapte himmel og jord, havet og alt som er i dei, han er trufast til evig tid.

<sup>7</sup> Han hjelper dei undertrykte til deira rett, han gjev mat til dei som svelt. Herren set dei bundne fri.

<sup>8</sup> Herren gjev dei blinde syn. Herren reiser dei nedbøygde opp. Herren elsker dei rettferdige.

<sup>9</sup> Herren vernar innflyttarar. Han held enkjer og farlause oppe, men gjer vegen krokete for dei som gjer urett.

<sup>10</sup> Herren er konge til evig tid, din Gud, Sion, frå slekt til slekt. Halleluja!

### **Salmane 147**

<sup>1</sup> Halleluja! Det er godt å spela for vår Gud, det er herleg, det er rett å syngja lovsong.

<sup>2</sup> Herren byggjer Jerusalem og samlar Israels spreidde folk.

<sup>3</sup> Han lækjer dei som har eit sundbrote hjarte, og bind om såra deira.

<sup>4</sup> Han veit kor mange stjernene er, og gjev alle namn.

<sup>5</sup> Vår Herre er stor og rik på kraft, hans forstand er utan grenser.

<sup>6</sup> Herren held dei hjelpelause oppe, men bøyer dei urettferdige til jorda.

<sup>7</sup> Syng lovsong for Herren, spel på lyre for vår Gud.

<sup>8</sup> Han dekkjer himmelen med skyer, syter for regn til jorda og lèt graset spira på fjella.

<sup>9</sup> Han gjev føde til dyra, til ramnungane som ropar.

<sup>10</sup> Han bryr seg ikkje om hestens kraft og gleder seg ikkje over mannens musklar.

<sup>11</sup> Herren gleder seg over dei som fryktar han og ventar på hans miskunn.

<sup>12</sup> Syng Herrens pris, Jerusalem, Sion, lovsyng din Gud!

<sup>13</sup> Han gjer portbommane dine sterke og velsignar borna i byen.

<sup>14</sup> Han gjev fred i landet, han mettar deg med det beste kveitekornet.

<sup>15</sup> Han sender sin bodskap til jorda, snøgt spring hans ord.

<sup>16</sup> Han lèt snøen falla som ull, han strør ut rim som oske.

<sup>17</sup> Han kastar hagl som smular, kven kan stå seg mot hans kulde?

<sup>18</sup> Så sender han sitt ord, og alt smeltar, han pustar, og vatnet strøymer.

<sup>19</sup> Han kunngjorde sitt ord for Jakob, sine forskrifter og lover for Israel.

<sup>20</sup>Slik gjorde han ikkje for noko anna folk, dei kjenner ikkje hans lover.  
Halleluja!

### **Salmane 148**

<sup>1</sup>Halleluja! Lovsyng Herren frå himmelen, lov han i det høgste!

<sup>2</sup>Lov han, alle hans englar, lov han, heile hans hær!

<sup>3</sup>Lov han, sol og måne, lov han, alle lysande stjerner!

<sup>4</sup>Lov han, du høgste himmel, og vatnet over himmelen!

<sup>5</sup>Dei skal lova Herrens namn, for han baud, og dei vart skapte.

<sup>6</sup>Han gav dei sin stad for alltid, fastsette ei ordning som ikkje forgår.

<sup>7</sup>Lovsyng Herren frå jorda, store sjødyr og alle havdjup,

<sup>8</sup>eld og hagl, snø og skodd, stormvind som set hans ord i verk,

<sup>9</sup>fjell og alle haugar, frukttre og alle sedrar,

<sup>10</sup>ville dyr og alt fe, krypdyr og fuglar med venger,

<sup>11</sup>kongar på jorda og alle folk, stormenn og alle styresmenn på jord,

<sup>12</sup>unge menn og jenter, gamle folk og gitar!

<sup>13</sup>Dei skal lova Herrens namn, berre hans namn er opphøgt. Hans herlegdom er over himmel og jord.

<sup>14</sup>Han har reist opp eit horn av kraft for sitt folk til ære for alle sine trugne, for Israel, folket som er han nær. Halleluja!

### **Salmane 149**

<sup>1</sup>Halleluja! Syng ein ny song for Herren, lovsyng han der dei trugne er samla.

<sup>2</sup>Israel skal gleda seg over sin skapar, Sions søner jubla for sin konge!

<sup>3</sup>Dei skal prisa hans namn med dans og spela for han med pauke og lyre.

<sup>4</sup>For Herren har hugnad i sitt folk, han kronar dei hjelpelause med siger.

<sup>5</sup>Dei trugne skal jubla med ære og ropa av fagnad på sitt leie.

<sup>6</sup>Dei har lovsong til Gud i sin munn og tveggja sverd i handa.

<sup>7</sup>Dei vil ta hemn over folka og refsa folkeslag,

<sup>8</sup>binda kongane deira med lenkjer og stormennene med jernband.

<sup>9</sup>Dei skal halda dom over dei, så som det står skrive, til ære for alle hans trugne. Halleluja!

### **Salmane 150**

<sup>1</sup>Halleluja! Lovsyng Gud i hans heilagdom! Lov han i hans mektige himmelkvelv.

<sup>2</sup>Lov han for hans storverk. Lov han for hans store velde.

<sup>3</sup>Lov han med gjallande horn. Lov han med harpe og lyre.

<sup>4</sup>Lov han med trommer og dans. Lov han med strengespel og fløyte.

<sup>5</sup>Lov han til tonande symbalar. Lov han med ljomande symbalar!

<sup>6</sup>Alt som har ande, skal lova Herren. Halleluja!



## Ordtaka

### Ordtaka 1

#### Første samlinga

(Kap. 1–9)

- <sup>1</sup>Ordtak frå Salomo, son til David og konge i Israel.
- <sup>2</sup>Til å gje kunnskap om visdom og formaning, til å forstå forstandige ord,
- <sup>3</sup>til å ta imot formaning som gjev innsikt om ærlegdom, rettferd og rett,
- <sup>4</sup>til å gje vitlause vit og den unge kunnskap og omtanke.
- <sup>5</sup>Den vise skal høyra og auka sin lærdom, den kloke læra å bruka sin tanke
- <sup>6</sup>så han skjønar ordtak og bilettale, ord av vismenn og gåtene deira.
- <sup>7</sup>Å frykta Herren er opphav til kunnskap, dei dumme foraktar formaning og visdom.

#### Slå ikkje lag med syndarar

- <sup>8</sup>Høyr etter, son min, når far din formanar, forkast ikkje rettleiing frå mor di!
- <sup>9</sup>For det er ein vakker krans om hovudet, ei kjede som pryder halsen din.
- <sup>10</sup>Son min, følg ikkje syndarar om dei lokkar deg,
- <sup>11</sup>om dei seier: «Kom med oss! Vi vil liggja på lur etter blod, setja feller for skuldlause utan grunn.
- <sup>12</sup>Som dødsriket vil vi sluka dei levande og heile, lik dei som går i grav.
- <sup>13</sup>Alt som er kostbart, skal vi finna, fylla våre hus med røva gods.
- <sup>14</sup>Våg du lukka di hos oss, så skal vi ha felles kasse.»
- <sup>15</sup>Slå ikkje lag med dei, min son, hald din fot frå deira stigar!
- <sup>16</sup>Foten deira spring lett etter det som er vondt, og dei er snare til å ausa ut blod.
- <sup>17</sup>For det er nyttelaust å spennja nettet medan fuglane ser det.
- <sup>18</sup>Men dei ligg på lur etter sitt eige blod, dei set feller for seg sjølve.

<sup>19</sup> Slik går det med alle som jaktar på vinning, ho tek livet av eigaren sin.

### **Visdomen ropar på gata**

<sup>20</sup> Visdomen ropar høgt på gata, lèt røysta lyda på alle torg.

<sup>21</sup> Ho ropar ut midt i ståket, tek til ords ved byportane:

<sup>22</sup> Kor lenge skal de vitlause elska vitløysa? Kor lenge skal spottarane nyta sin spott og dårane hata kunnskap?

<sup>23</sup> Snu dykk hit når eg talar til rette! Då lèt eg min pust strøyma ut til dykk og kunngjer orda mine for dykk.

<sup>24</sup> Eg ropa, men de ville ikkje høyra, rette handa ut, men ingen lytta.

<sup>25</sup> De kasta alle mine råd til side, ville ikkje høyra då eg tala til rette.

<sup>26</sup> Difor skal eg le når ulukka rammar, og spotta når de blir slegne av redsle,

<sup>27</sup> når redsla kjem som eit uvêr og ulukka som ein storm, når naud og trengsle kjem over dykk.

<sup>28</sup> Då skal dei ropa, men eg svarar ikkje; dei skal leita, men ikkje finna meg.

<sup>29</sup> For dei hata kunnskap, dei valde ikkje å frykta Herren,

<sup>30</sup> dei ville ikkje ha mitt råd, viste ingen respekt då eg tala til rette,

<sup>31</sup> Difor skal dei smaka frukta av si ferd og mettast av sine eigne planar.

<sup>32</sup> Vitlause vender seg bort og lèt livet, sorgløysa valdar at dårane stuper.

<sup>33</sup> Men den som høyrer på meg, bur trygt, i ro utan redsle for noko vondt.

## **Ordtaka 2**

### **Visdomen som vern mot det vonde**

<sup>1</sup> Son min, om du tek imot orda mine og gøymer boda mine hos deg

<sup>2</sup> så ditt øyre lyttar til visdom og du opnar hjartet for forstand,

<sup>3</sup> ja, om du kallar på innsikt og ropar høgt etter forstand,

<sup>4</sup> om du søkjer etter han som var det sølv, leitar som etter ein skatt,

<sup>5</sup> då skal du læra å frykta Herren, finna ut kva det er å kjenna Gud.

- <sup>6</sup>For det er Herren som gjev visdom, frå hans munn kjem kunnskap og forstand.
- <sup>7</sup>Han samlar opp klokskap til dei rettskafne, er eit skjold for den som er heil i si ferd.
- <sup>8</sup>Han vernar rettens stigar og vaktar vegen hans trugne går.
- <sup>9</sup>Då skal du skjøna ærlegdom, rettferd og rett, alle gode vegar.
- <sup>10</sup>Visdom skal koma inn i hjartet ditt, kunnskap skal gjera deg glad,
- <sup>11</sup>omtanke skal vakta deg, forstand verna deg
- <sup>12</sup>og berga deg frå vegen åt dei vonde, dei som vregjer og vrid på alt dei seier,
- <sup>13</sup>frå dei som forlèt dei rette stigane og går på mørke vegar.
- <sup>14</sup>Dei gleder seg når dei gjer noko vondt, jublar over det som er vondt og vranget.
- <sup>15</sup>Krokete er stigane deira, dei går på ville vegar.
- <sup>16</sup>Visdomen skal fria deg frå ei anna kvinne, ei framand kvinne med glatte ord,
- <sup>17</sup>ho som har svike sin ungdoms ven og gløymt pakta med sin Gud.
- <sup>18</sup>Huset hennar søkk ned i døden, til daudingar ber hennar vegar.
- <sup>19</sup>Dei som går inn til henne, vender aldri attende, dei når ikkje fram til livsens stigar.
- <sup>20</sup>Difor skal du gå der dei gode ferdast, og halda deg på stigar dei rettferdige går.
- <sup>21</sup>For dei rettskafne skal bu i landet, den som er heil, skal få vera der.
- <sup>22</sup>Men dei urettferdige skal ryddast ut frå landet og svikarane rivast bort.

### Ordtaka 3

#### Truskap mot Herren og boda hans

- <sup>1</sup> Son min, gløym ikkje mi rettleiing, ta vare på mine bod i hjartet!
- <sup>2</sup> For dei vil gje deg mange år og eit langt liv og overflod av fred.
- <sup>3</sup> Lat aldri godleik og truskap fara! Bind dei om halsen, skriv dei på hjartetavla!
- <sup>4</sup> Då får Gud og menneske velvilje for deg og ser ditt gode vit.
- <sup>5</sup> Lit på Herren av heile ditt hjarte, støtt deg ikkje på eiga innsikt.
- <sup>6</sup> Ha han i tankar kvar du ferdast, så gjer han stigane dine jamne.
- <sup>7</sup> Ver ikkje vis i eigne auge, frykt Herren og vend deg bort frå det vonde!
- <sup>8</sup> Det blir til helse for kroppen, ein styrkedrikk for merg og bein.
- <sup>9</sup> Æra Herren med det du eig, med førstegrøda av all di avling.
- <sup>10</sup> Då blir di matbu rikeleg fylt, pressekummane renn over av ny vin.
- <sup>11</sup> Son min, forakt ikkje Herrens formaning, mist ikkje motet når han refsar.
- <sup>12</sup> For den Herren elsker, refsar han, slik ein far gjer med ein son han har kjær.

### Visdomen er eit livsens tre

- <sup>13</sup> Sæl er den som finn Visdomen og vinn seg forstand!
- <sup>14</sup> For meir er ho verd enn sølv, ho gjev større vinning enn gull.
- <sup>15</sup> Ho er meir verdfull enn perler, av alle dine skattar er ingen som henne.
- <sup>16</sup> Langt liv held ho i si høgre hand, i si venstre rikdom og ære.
- <sup>17</sup> På vegane hennar er det herleg å fara, alle hennar stigar fører til fred.
- <sup>18</sup> Eit livsens tre er ho for dei som held fast ved henne, lukkelege er dei som støttar seg til henne.
- <sup>19</sup> Med visdom grunnla Herren jorda, han grunnfeste himmelen med forstand.
- <sup>20</sup> Ved kunnskapen hans vart djupa opna, og skyene lét dogg drypa.
- <sup>21</sup> Son min, ta vare på klokskap og omtanke, slepp dei ikkje av syne!
- <sup>22</sup> Dei skal vera til liv for deg, ei vakker kjede om halsen.

- <sup>23</sup> Då kan du vandra trygt på din veg og ikkje støyta foten mot noko.
- <sup>24</sup> Du er ikkje redd når du går til ro, og når du har lagt deg, søv du så godt.
- <sup>25</sup> Du blir ikkje redd for uventa fare når øydelegginga kjem for dei urettferdige.
- <sup>26</sup> For Herren skal vera ved di side, han skal vakta foten din for snara.

### Ein god granne

- <sup>27</sup> Når det står i di makt å gjera det gode, skal du ikkje halda det tilbake frå den som har rett på det.
- <sup>28</sup> Om du har noko, sei ikkje då til din neste: «Kom att, i morgon skal du få!»
- <sup>29</sup> Legg ikkje vonde planar mot din neste, som trur det er trygt å vera grannen din.
- <sup>30</sup> Trett ikkje med nokon utan grunn når han ikkje har gjort deg vondt.
- <sup>31</sup> Misunn ikkje ein valdsmann! Hans vegar må du aldri velja.
- <sup>32</sup> For Herren avskyr den som er falsk, men talar fortruleg med dei rettskafne.
- <sup>33</sup> Herren forbannar huset til dei urettferdige, men heimen til dei rettfærdige velsignar han.
- <sup>34</sup> Spottarar svarar han med spott, men dei audmjuke gjev han nåde.
- <sup>35</sup> Dei vise arvar ære, men dårar må bera si skam.

## Ordtaka 4

### Set Visdomen høgt

- <sup>1</sup> Høyr etter, born, når far formanar, lytt, så de vinn forstand!
- <sup>2</sup> God er den lærdomen eg gjev dykk. Forkast ikkje mi rettleiing!
- <sup>3</sup> Då eg var barn heime hos far, ein sart liten gut, den einaste hos mor,
- <sup>4</sup> då lærte han meg: «Hjartet ditt skal halda fast ved mitt ord, hald boda mine, så skal du leva!



<sup>5</sup>Kjøp deg visdom, kjøp deg innsikt! Gløym ikkje orda frå min munn, snu deg ikkje frå dei.

<sup>6</sup>Forlat ikkje Visdomen, så vaktar ho deg, elsk henne, så vernar ho deg.

<sup>7</sup>Visdom er viktigast. Kjøp deg visdom, kjøp deg innsikt med alt du eig!

<sup>8</sup>Set henne høgt, så lyfter ho deg. Ta henne i famn, så gjev ho deg ære.

<sup>9</sup>Ho set ein vakker krans på hovudet ditt og gjev deg ei strålande krone.»

### **Vegen i lyset og i mørkret**

<sup>10</sup> Høyr etter, son, ta imot mine ord, så blir dine leveår mange.

<sup>11</sup> Visdoms veg lærer eg deg og fører deg på dei rette stigar.

<sup>12</sup> Når du går, skal ingenting hindra foten, når du spring, skal du aldri snubla.

<sup>13</sup> Hald fast ved formaninga, slepp henne ikkje, ta vare på henne, for ho er ditt liv.

<sup>14</sup> På stigen åt urettferdige må du ikkje gå inn, følg ikkje vegen dei vonde går!

<sup>15</sup> Sky han og hald deg unna, vend deg frå han og gå utanom!

<sup>16</sup> Dei urettferdige får ikkje sova om dei ikkje har gjort noko vondt. Har dei ikkje ført nokon til fall, blir dei liggjande søvnlause.

<sup>17</sup> Urett er brødet dei et, vald er vinen dei drikk.

<sup>18</sup> Men dei rettferdiges stig er lik morgonrøden, som veks og klårnar mot høglys dag.

<sup>19</sup> Vegen åt urettferdige er som kolmørkret; dei veit ikkje kva dei kan snubla i.

### **Ta vare på hjartet**

<sup>20</sup> Son min, lytt når eg talar, vend øyret til mine ord!

<sup>21</sup> Slepp dei aldri av syne, gøym dei djupt i hjartet!

<sup>22</sup> Dei er liv for den som finn dei, og gjev helse til heile kroppen.

<sup>23</sup> Ta vare på hjartet framfor alt, for livet går ut frå det.

- <sup>24</sup>Lat aldri munnen tala falske ord, hald leppene borte frå svik!
- <sup>25</sup>Lat auga dine sjå beint fram, fest blikket på det som ligg framføre!
- <sup>26</sup>Gjer stigen jamn der foten skal gå, då blir alle dine vegar trygge.
- <sup>27</sup> Vik ikkje av til høgre eller venstre, hald foten din borte frå det vonde!

## Ordtaka 5

### Ei framand kvinne

- <sup>1</sup> Son min, gjev akt på min visdom, vend øyret til mi innsikt,
- <sup>2</sup>så du tek vare på omtanke og leppene held på kunnskap.
- <sup>3</sup>Honning dryp frå leppene til ei framand kvinne, sleipare enn olje er munnen hennar.
- <sup>4</sup>Men ettersmaken blir beisk som malurt, kvass som eit tvieggja sverd.
- <sup>5</sup>Føtene hennar stig ned i døden, beint til dødsriket går hennar steg.
- <sup>6</sup>Ho banar seg ikkje ein veg som gjev liv, ho vinglar vegvill, men veit det ikkje.
- <sup>7</sup>Og no, høyr på meg, mine søner, vik ikkje av frå dei orda eg talar!
- <sup>8</sup>Lat vegen din vera langt frå henne, kom ikkje nær til hennar dør!
- <sup>9</sup>Elles må du gje di kraft til andre, dine år til ein nådelaus herre.
- <sup>10</sup>Andre får metta seg av det du eig, det du vann med ditt strev, går til framand manns hus.
- <sup>11</sup>Så må du stønna når slutten kjem, når din kropp og ditt kjøtt tærest bort
- <sup>12</sup>og du må seia: «Korleis kunne eg hata formaning og hjartet mitt forakta ord som viste til rette!
- <sup>13</sup>Eg høyrde ikkje på dei som rettleidde meg, og lytta ikkje til lærarane mine.
- <sup>14</sup> Det var nesten gått meg ille, og det framfor heile forsamlinga!»
- <sup>15</sup> Drikk vatn av din eigen brønn, det som flyt frå di eiga kjelde!
- <sup>16</sup>Skulle kjeldene dine renna ut som rennande vatn på torga?

- <sup>17</sup>Dei skal vera berre for deg og ikkje delast med framande.
- <sup>18</sup> Velsigna vere di eiga kjelde! Gled deg over din ungdoms kvinne,
- <sup>19</sup>ei lysten hind, ei smidig fjellgeit. Drikk deg alltid utørst ved hennar bryst, lat hennar kjærleik stadig gjera deg ør!
- <sup>20</sup> Kvifor, min son, bli ør av ei anna kvinne, kvifor ta framand kvinne i famn?
- <sup>21</sup> For Herrens auge ser kvar mannen går, og gjer alle hans stigar jamne.
- <sup>22</sup> Den urettferdige blir fanga av si eiga skuld, syndene held han fast som reip.
- <sup>23</sup>Han døyr fordi han ikkje lét seg formana, i sin store dumskap fer han vill.

## Ordtaka 6

### Når du har kausjonert for ein annan

- <sup>1</sup> Son min, har du kausjonert for ein annan og gjeve handslag til ein framand,
- <sup>2</sup>har orda dine fått deg i snara, er du fanga av det du har sagt,
- <sup>3</sup>så gjer då dette og berga deg, son, sidan ein annan har fått makt over deg: Gå av stad, ver audmjuk, treng deg inn på mannen!
- <sup>4</sup> Unn deg ikkje blund på auga, og lat ikkje augneloka kvila!
- <sup>5</sup>Berg deg unna som ein gasell frå jegeren, som ein fugl frå fangarens hand!

### Gå til mauren og bli vis

- <sup>6</sup>Gå til mauren, du late, sjå kva han gjer, og bli vis!
- <sup>7</sup>Han har ingen hærførar, korkje oppsynsmann eller herskar.
- <sup>8</sup> Likevel syter han for mat om sommaren og samlar inn føde om hausten.
- <sup>9</sup>Kor lenge vil du liggja, du late, når vil du vakna og stå opp?
- <sup>10</sup> Berre sov litt til, ein ørliten blund, legg hendene saman og kvil deg ei stund.
- <sup>11</sup>Då kjem fattigdom på deg som farande fant og nauda som velvæpna mann.

### Med svik i hjartet



<sup>12</sup>Eit vondsinna menneske, ein ugjerningsmann, er den som går omkring med falsk tunge,

<sup>13</sup> som sender hånlege blikk med auga, skrapar med foten og gjer teikn med fingrane.

<sup>14</sup>Han har svik i hjartet og tenkjer ut vondt, alltid skaper han strid.

<sup>15</sup>Difor kjem ulukka brått over han, med eitt blir han knust og kan ikkje lækjast.

<sup>16</sup> Seks er dei ting som Herren hatar, og sju har han avsky for:

<sup>17</sup> hovmodige auge og svikefull tunge, hender som auser ut skuldlaust blod,

<sup>18</sup> eit hjarte som legg vonde planar, raske føter som spring etter vondt,

<sup>19</sup> det falske vitnet som fer med løgn, og den som skaper strid mellom brør.

#### **Utruskap øydelegg livet**

<sup>20</sup> Son min, hald fast på boda som far din gav deg, forkast ikkje rettleiing frå mor di!

<sup>21</sup> Bind dei alltid til hjartet ditt, knyt dei om halsen!

<sup>22</sup> Når du går, skal dei leia deg, når du ligg, skal dei verna deg, og når du vaknar, skal dei tala til deg.

<sup>23</sup> For bodet er ei lykt og rettleiinga eit lys, formaning og tilrettevising er vegen til livet.

<sup>24</sup> Dei skal verna deg mot ei vond kvinne, mot den sleipe tunga til ei framand kvinne.

<sup>25</sup>Trå ikkje etter venleiken hennar i ditt hjarte, lat henne ikkje fanga deg med sine augnekast!

<sup>26</sup>Ei hore kan du få for ein brødleiv, men ei kvinne som høyrer ein annan til, driv jakt på eit dyrebart liv.

<sup>27</sup>Kan ein sankta glør i fanget utan at kleda tek til å brenna?

<sup>28</sup>Eller kan ein gå på glødande kol utan at føtene blir svidde?

<sup>29</sup>Slik går det med den som går inn til ein annan manns kone. Ingen som rører henne, kjem ustraffa frå det.

<sup>30</sup> Ingen foraktar ein tjuv når han stel for å stilla svolten.

<sup>31</sup> Men blir han gripen, må han bøta sjudobbelt, han må gje frå seg alt det han har i huset.

<sup>32</sup> Vitlaus er den som driv hor med ei kvinne, slikt gjer berre den som vil øydeleggja livet sitt!

<sup>33</sup> Skam og skade får han, og ingen stryk ut hans vanære.

<sup>34</sup> For sjalusi vekkjer harme i mannen, han viser ingen nåde den dag han tek hemn.

<sup>35</sup> Bøter bryr han seg ikkje om, stikk du til han store summar, tek han ikkje imot.

## Ordtaka 7

### Annans manns kvinne

<sup>1</sup> Son min, ta vare på orda mine, gøym boda mine hos deg!

<sup>2</sup> Hald fast på boda, så skal du leva, ta vare på mi rettleiing som din augnestein!

<sup>3</sup> Bind dei fast til fingrane, skriv dei på di hjartetavle!

<sup>4</sup> Sei til Visdomen: «Du er syster mi», kall innsikt for din nære slektning.

<sup>5</sup> Så vaktar dei deg mot annans manns kone, ei framand kvinne som lokkar så fint.

<sup>6</sup> Eg stod ved vindaugget i huset mitt, kikka ut gjennom gitterverket.

<sup>7</sup> Då såg eg han blant dei urøynde, la merke til han mellom dei unge, ein ung mann utan forstand.

<sup>8</sup> Han gjekk over gata ved hennar hjørne og styrte stega mot huset hennar.

<sup>9</sup> I skumringa var det, om kvelden, då nattemørkret fall på.

<sup>10</sup> Då kjem kvinna imot han, kledd som ei hore, med listig hjarte.

- <sup>11</sup>Rastlaus er ho, og ustyrleg, heime har føtene inga ro.
- <sup>12</sup> Snart er ho på gata og snart på torget, ved kvart eit gatehjørne står ho på lur.
- <sup>13</sup>Ho tek tak i han og kysser han, med ei frekk mine seier ho:
- <sup>14</sup> «Eg hadde lova å bera fram eit fredsoffer, i dag har eg halde lovnaden min.
- <sup>15</sup>Difor gjekk eg ut for å møta deg, eg leita etter deg og fann deg.
- <sup>16</sup>Eg har lagt teppe på senga mi, fargerikt lin frå Egypt,
- <sup>17</sup> og over leiet har eg strødd myrra, aloe og kanel.
- <sup>18</sup>Kom, lat oss drikka djupt av kjærleiken, fryda oss i elskhug til morgonen gryr.
- <sup>19</sup>For mannen min er ikkje heime, han er ute på langferd.
- <sup>20</sup>Pengepungen tok han med seg, først ved fullmåne kjem han heim.»
- <sup>21</sup>Ho overtala han etter beste evne, med glatte lepper forførte ho han.
- <sup>22</sup> Han følgjer etter henne med det same, lik ein okse dei fører til slakting, lik ein hjort som går rett i fella,
- <sup>23</sup>til pila borar seg inn i levra. Han liknar fuglen som flyg mot snara, han skjønar ikkje at det gjeld livet.
- <sup>24</sup>Så høyr no på meg, søner, lytt til orda frå min munn!
- <sup>25</sup>Lat ikkje hjartet venda seg til hennar vegar, villa deg ikkje inn på stigane hennar!
- <sup>26</sup>For ho har gjeve banesår til mange, talrike er dei ho har felt.
- <sup>27</sup> Huset hennar er vegen til dødsriket, ned til dødens salar.

## Ordtaka 8

### Visdomen ropar

- <sup>1</sup>Høyr, Visdomen ropar, forstanden lyfter si røyst.
- <sup>2</sup>Visdomen stiller seg på toppen av høgdene, ved vegen, der stigane møtest.

- <sup>3</sup>Ved portane inn til byen, der folk går inn, ropar ho høgt:
- <sup>4</sup>Eg ropar til dykk, de menn, mi røyst når ut til menneska.
- <sup>5</sup>Lær dykk klokskap, de urøynde, få forstand i hjartet, de dårar!
- <sup>6</sup>Høyr, eg talar om det som er edelt, frå leppene mine kjem ærlege ord.
- <sup>7</sup>Tunga mi talar sanning, og leppene avskyr urett.
- <sup>8</sup>Kvart ord frå min munn talar om rettferd, dei er ikkje sviikefulle og falske.
- <sup>9</sup>Dei er gode for den som forstår, og rette for den som finn kunnskap.
- <sup>10</sup> Ta imot mi formaning heller enn sølv og kunnskap framfor utvalt gull.
- <sup>11</sup> For Visdomen er betre enn perler, av alle skattar er ingen som ho.
- <sup>12</sup>Eg, Visdomen, bur i lag med klokskap; kunnskap og omtanke finst hos meg.
- <sup>13</sup> Å frykta Herren er å hata det vonde. Eg hatar hovmod og stormod, den vonde vegen og all sviikefull tale.
- <sup>14</sup> Meg høyrer råd og klokskap til, innsikt er eg, og styrke har eg.
- <sup>15</sup>Ved meg herskar kongar, og fyrstar fastset kva som er rett.
- <sup>16</sup>Ved meg rår fyrstar og stormenn, alle som styrer rettferdig.
- <sup>17</sup> Eg elsker dei som elsker meg, og dei som leitar, finn meg.
- <sup>18</sup> Hos meg er velstand og prakt, rettferd og varig rikdom.
- <sup>19</sup>Mi frukt er betre enn det finaste gull, den vinning eg gjev, er betre enn utvalt sølv.
- <sup>20</sup>Eg går på rettferds veg, held meg på dei rette stigar.
- <sup>21</sup>Eg gjev rikdom i eige til dei som elsker meg, og fyller skattkammera deira.

### **Opphavet til Visdomen**

- <sup>22</sup> Herren bar meg fram som sitt første verk, før hans gjerningar i fjerne tider.
- <sup>23</sup>Frå eldgammal tid vart eg forma, i opphavet, før jorda vart til.
- <sup>24</sup>Eg vart fødd då djupa ikkje fanst og dei vassrike kjeldene ikkje var til.

- <sup>25</sup> Før fjella vart sette på plass, før høgdene vart eg fødd.
- <sup>26</sup> Han hadde enno ikkje laga jorda og marka og dei første støvkorn på landjorda.
- <sup>27</sup> Eg var der då han grunnfeste himmelen og rissa opp himmelranda over djupet,
- <sup>28</sup> då han gav kraft til skyene der oppe og kjeldene i djupet fekk styrke,
- <sup>29</sup> då han sette grense for havet så vatnet stansa der han baud, då han rissa opp grunnvollane under jorda.
- <sup>30</sup> Eg var byggmeister hos han. Eg var til glede for han dag etter dag og leika meg støtt for hans andlet.
- <sup>31</sup> Eg leika på hans vide jord og gledde meg med menneska.
- <sup>32</sup> Så høyr no på meg, born! Sæle er dei som følgjer mine vegar.
- <sup>33</sup> Høyr på formaninga og bli vise, forakt henne ikkje!
- <sup>34</sup> Sælt er det mennesket som høyrer på meg, som dagleg vaker ved dørene mine og held vakt ved portane mine.
- <sup>35</sup> For den som finn meg, finn livet og vinn velvilje hos Herren.
- <sup>36</sup> Men den som ikkje finn meg, skader si sjel. Alle som hatar meg, elsker døden.

## Ordtaka 9

### Visdom og dårskap bed inn til fest

- <sup>1</sup> Visdomen har bygd seg hus og hogge til sine sju søyler.
- <sup>2</sup> Ho har slakta fe og blanda vin, og ho har dekt på bordet.
- <sup>3</sup> Ho har sendt tenestejentene ut, ho ropar oppe frå høgdene i byen:
- <sup>4</sup> «Du som er urøynd, vend deg hit!» Til den vitlause seier ho:
- <sup>5</sup> «Kom og et av maten min og drikk av vinen eg har blanda.
- <sup>6</sup> Lat vitløysa fara, så skal de leva, gå fram på den vegen forstanden viser!»

<sup>7</sup>Den som åtvarar ein spottar, får skam, den som går i rette med ein urettferdig, lid skade.

<sup>8</sup>Gå ikkje i rette med spottaren, då hatar han deg, gå i rette med den vise, så elsker han deg.

<sup>9</sup>Gjev til den vise, så blir han visare, lær den rettferdige, så aukar han sin lærdom.

<sup>10</sup>Å frykta Herren er opphav til visdom, å ha den kunnskap dei heilage har, er forstand.

<sup>11</sup>Ved meg skal dine dagar bli mange, og du får fleire leveår.

<sup>12</sup>Er du vis, blir din visdom til nytte for deg, spottar du, må du lida for det sjølv.

<sup>13</sup>Dårskapen er ei rastlaus kvinne, vitlaus er ho og forstår ikkje noko.

<sup>14</sup>Ho sit utfor husdøra si, har sitt sete høgt oppe i byen.

<sup>15</sup>Ho ropar til alle som går forbi, dei som går beint fram på vegen:

<sup>16</sup>«Du som er urøynd, vend deg hit!» Til den vitlause seier ho:

<sup>17</sup>«Stole vatn smakar godt, herleg er maten ein et i løynd.»

<sup>18</sup>Men han skjønar ikkje at det er daudingar der, at gjestene hennar er frå djupaste dødsriket.

## Ordtaka 10

### Andre samlinga

(10,1–22,16)

<sup>1</sup>Ordtak frå Salomo. Ein klok son er til glede for far sin, men ein tåpeleg son er mor si til sorg.

<sup>2</sup>Skattar vunne med urett er til inga nytte, men rettferd bergar frå døden.

<sup>3</sup>Herren lèt ikkje den rettferdige svelta, men seier nei når dei urettferdige krev.

<sup>4</sup>Lat hand gjer fattig, men flittige hender gjer rik.

- <sup>5</sup> Den forstandige samlar medan det er sommar, skam får den som søv når det er tid for å hausta.
- <sup>6</sup> Over hovudet på den rettferdige kjem velsigning, men munnen til urettferdige løyner vald.
- <sup>7</sup> Minnet om den rettferdige blir til velsigning, men ryktet til urettferdige rotnar bort.
- <sup>8</sup> Den som er vis i hjartet, tek boda til seg, men den som har dumskap på leppene, går til grunne.
- <sup>9</sup> Trygt går den som er heil i si ferd, men den som går krokvegar, blir avslørt.
- <sup>10</sup> Den som sender hånlege blikk, valdar smerte, men den som har dumskap på leppene, går til grunne.
- <sup>11</sup> Den rettferdiges munn er ei kjelde til liv, men munnen til urettferdige løyner vald.
- <sup>12</sup> Hat vekkjer strid, men kjærleik løyner alle synder.
- <sup>13</sup> På leppene til den kloke er visdom å finna, men stokken skal råka ryggen til den vitlause.
- <sup>14</sup> Dei vise samlar på kunnskap; når den dumme talar, er ulukka nær.
- <sup>15</sup> Rikmanns gods er hans faste borg, fattigdom er til ulukke for småkårsfolk.
- <sup>16</sup> Løna til den rettferdige gjev liv, det den urettferdige tener, fører til synd.
- <sup>17</sup> Å akta på formaninga er ein veg til liv, å forakta tilrettevising fører vill.
- <sup>18</sup> Den som løyner hat, har lygande lepper, ein dåre er den som fer med slarv.
- <sup>19</sup> Der det er mange ord, er det ingen mangel på synd, forstandig er den som tøymer tunga.
- <sup>20</sup> Den rettferdiges tunge er som utsøkt sølv, hjartet til dei urettferdige er lite verdt.
- <sup>21</sup> Den rettferdiges lepper rettleier mange, dumme døyr, for dei har ikkje vit.
- <sup>22</sup> Det er Herrens velsigning som gjer rik, eige strev legg ingenting til.

- <sup>23</sup> Skamlaus gjerning er til lyst for dåren, visdom er til lyst for den vituge.
- <sup>24</sup> Det den urettferdige er redd for, kjem over han, men dei rettferdige får det dei lengtar etter.
- <sup>25</sup> Når stormen fer forbi, blir den urettferdige borte, men den rettferdige har ein grunnvoll som varer.
- <sup>26</sup> Som eddik for tennene og røyk for auga er den late for den som set han i arbeid.
- <sup>27</sup> Å frykta Herren forlengjer livet, men dei urettferdige får færre år.
- <sup>28</sup> Dei rettferdige har glede i vente, men det dei urettferdige har som håp, blir borte.
- <sup>29</sup> Herrens veg er eit vern for den som er heil i si ferd, men til ulukke for dei som gjer urett.
- <sup>30</sup> Den rettferdige skal aldri vakla, men urettferdige får ikkje bu i landet.
- <sup>31</sup> Den rettferdiges munn ber visdom som frukt, men svikefull tunge skal skjerast av.
- <sup>32</sup> Den rettferdiges lepper veit kva som kan gleda, munnen til urettferdige skjønar seg på svik.

## Ordtaka 11

- <sup>1</sup> Herren avskyr falsk vekt, men han gler seg over fullvektig lodd.
- <sup>2</sup> Kjem hovmod, kjem skam, med dei audmjuke følgjer visdom.
- <sup>3</sup> Rettsinn leier dei ærlege, uærlegdom gjer ende på svikarane.
- <sup>4</sup> Rikdom er til inga nytte på vreidedagen, men rettferd bergar frå døden.
- <sup>5</sup> Rettferd jamnar vegen for den som er heil, den urettferdige fell for sin eigen urett.
- <sup>6</sup> Rettferd bergar dei rettskafne, svikarar blir fanga av si eiga lyst.
- <sup>7</sup> Når den urettferdige døyr, er håpet ute, hans kraft gjev ikkje lenger von.



- <sup>8</sup> Den rettferdige blir berga or naud, den urettferdige blir råka i staden.
- <sup>9</sup> Den gudlause bryt ned sin neste med tunga, dei rettferdige bergar seg ved sin forstand.
- <sup>10</sup> Går det godt for dei rettferdige, jublar byen, går dei urettferdige til grunne, lyder glederop.
- <sup>11</sup> Ved velsigning frå rettskafne blir byen bygd, tunga til urettferdige legg han i røys.
- <sup>12</sup> Den vitlause viser forakt for sin neste, den forstandige teier stilt.
- <sup>13</sup> Den som baktalar, spreier løyndomar, ein påliteleg held saka skjult.
- <sup>14</sup> Utan leiarar vil folket falla. Redninga ligg i å ha mange rådgjevarar.
- <sup>15</sup> Ille går det den som kausjonerer for ein framand, den som nektar å gje handslag, er trygg.
- <sup>16</sup> Ei elskeleg kvinne vann ære, dei flittige vann rikdom.
- <sup>17</sup> Den som er godhjarta, har gagn av det, den hjartelause skader seg sjølv.
- <sup>18</sup> Den urettferdige vann seg ei sviktande løn, men den som sår rettferd, ei løn som varer.
- <sup>19</sup> Rettferd fører til liv, den som jagar etter vondskap, må døy.
- <sup>20</sup> Herren avskyr eit falskt hjarte, han gler seg over dei som er heile i si ferd.
- <sup>21</sup> Når tida er inne, blir den vonde straffa, men ætta til dei rettferdige går fri.
- <sup>22</sup> Ei vakker kvinne utan vit er som ein gullring i eit grisetryne.
- <sup>23</sup> Dei rettferdige lengtar berre etter det gode, dei urettferdige har vreide i vente.
- <sup>24</sup> Éin strør ut og får likevel meir, ein annan er gjerrig og endar i fattigdom.
- <sup>25</sup> Den gåvmilde får gode dagar, den som auser ut til andre, får rikeleg tilbake.

<sup>26</sup>Den som held på kornet sitt, blir forbanna av folket; velsigning får den som vil selja.

<sup>27</sup> Den som legg vinn på det gode, søker det som er til glede. Den som strevar etter det vonde, får det over seg sjølv.

<sup>28</sup> Den som lit på sin rikdom, fell, dei rettferdige veks fram som lauvet.

<sup>29</sup>Den som ikkje steller sitt hus, haustar vind, den dumme blir slave for den som er vis.

<sup>30</sup> Den rettferdiges frukt er eit livsens tre, men valdsferd tek liv.

<sup>31</sup> Når den rettferdige får si løn på jorda, kor mykje meir då ein urettferdig og ein syndar!

## Ordtaka 12

<sup>1</sup> Den som elsker formaning, elsker kunnskap, dum er den som hatar tilrettevising.

<sup>2</sup>Den som er god, vinn velvilje hos Herren, den som legg vonde planar, blir dømd skuldig.

<sup>3</sup> Med urett kan ingen stå støtt, rota til dei rettferdige kan ingen rikka.

<sup>4</sup> Dugande kvinne er ei krone for mannen, duglaus kone er som verk i knoklane.

<sup>5</sup> Dei rettferdige tenkjer på det som er rett, dei urettferdige legg svikefulle planar.

<sup>6</sup> Dei urettferdige talar og ligg på lur etter blod, tunga bergar dei rettskafne.

<sup>7</sup> Dei urettferdige blir kasta i koll og kjem bort, husa til dei rettferdige står.

<sup>8</sup> Ein mann får ros etter sitt vit, den som tenkjer vrangt, blir forakta.

<sup>9</sup> Betre å vera lite vørd og ha ein tenar enn å spela storkar og mangla mat.

<sup>10</sup> Den rettferdige har omsorg for buskapen sin, dei urettferdige er utan hjartelag.

- 11 Den som dyrkar si jord, kan eta seg mett, vitlaus er den som jagar etter fåfengde ting.
- 12 Den urettferdige vil setja vonde snarer, rota til dei rettferdige skal stå fast.
- 13 Svikefulle lepper blir ei felle for den vonde, den rettferdige slepp ut or nauda.
- 14 Kvar og ein nyt godt av det munnen ber fram, eit menneske får att for det som det har gjort.
- 15 Den dumme held sin veg for å vera den rette, vis er den som høyrer på råd.
- 16 Den dumme viser det straks når han er sint, klok er den som teier når han blir krenkt.
- 17 Den som vitnar sant, talar rett, falske vitne fer med svik.
- 18 Tankelaus tale stikk som sverd, men vismenn har lækjedom på tunga.
- 19 Lepper som talar sant, står seg for alltid, ei tunge som lyg, berre ei lita stund.
- 20 Dei som tenkjer ut vondt, har svik i hjartet, glede får dei som rår til fred.
- 21 Ikkje noko vondt skal ramma den rettferdige, dei urettferdige får ulukke i fullt mål.
- 22 Herren avskyr lygande lepper, men gler seg over dei som viser truskap.
- 23 Den kløktige skjuler sin kunnskap, dårane ropar dumskapen ut.
- 24 Flittig hand får herska, latskap leier til slavekår.
- 25 Uro i hjartet tyngjer mannen, eit godt ord gjer han glad.
- 26 Den rettferdige slepp unna det vonde, men vegen dei urettferdige går, fører vill.
- 27 Den late får ikkje steikt sin mat, den flittige får rike skattar.
- 28 På rettferds stig er livet å finna, den vegen fører ikkje til døden.

## Ordtaka 13



- <sup>1</sup> Ein son blir vis av fars formaning, spottaren høyrer ikkje på åtvaring.
- <sup>2</sup> Av munnens frukt kan ein nytta godt, men svikarar hungrar etter vald.
- <sup>3</sup> Den som aktar sine lepper, tek vare på livet, den som er stor i munnen, skader seg sjølv.
- <sup>4</sup> Den late får ikkje det han trår etter, men flittige får i overflod.
- <sup>5</sup> Den rettferdige hatar usann tale, den urettferdige handlar skammeleg og frekt.
- <sup>6</sup> Rettferd vernar den som er heil i si ferd, men urett fører ein syndar til fall.
- <sup>7</sup> Éin spelar rik, men har ingen ting, ein annan ter seg fattig, men eig mykje.
- <sup>8</sup> Somme kan kjøpa seg fri med rikdom, men den fattige blir ikkje utsett for trugsmål.
- <sup>9</sup> Lyset til dei rettferdige skin klårt, men lampa til dei urettferdige sloknar.
- <sup>10</sup> Hovmod fører berre til trette, vise er dei som tek imot råd.
- <sup>11</sup> Lettvunnen rikdom minkar snart, den som samlar jamt og trutt, får mykje.
- <sup>12</sup> Langvarig venting gjer hjartet sjukt, eit oppfylt ønske er eit livsens tre.
- <sup>13</sup> Den som foraktar ordet, går det ille, den som har age for bodet, får løn.
- <sup>14</sup> Den vises lære er ei kjelde til liv slik at ein vender seg bort frå dødens snarer.
- <sup>15</sup> Godt vit vinn velvilje, svikarars ferd er alltid den same.
- <sup>16</sup> Den kløktige fer fram med vit, dåren lèt alle sjå at han er dum.
- <sup>17</sup> Ein upåliteleg bodberar fell i ulukke, eit trufast sendebod kjem med lækjedom.
- <sup>18</sup> Fattigdom og skam får den som ikkje tek imot formaning. Den som lèt seg visa til rette, får ære.
- <sup>19</sup> Eit oppfylt ønske gjer sjela godt, dårar avskyr å venda seg bort frå det vonde.

<sup>20</sup>Den som ferdast med dei vise, blir vis, men den som held lag med dårar, går det ille.

<sup>21</sup>Uluke forfølgjer syndarar, dei rettferdige får det gode til løn.

<sup>22</sup> Den gode lèt etter seg arv til barneborn, det syndaren eig, blir spart til den rettferdige.

<sup>23</sup>Fattigfolks nybrot gjev rikeleg føde, men alt går tapt når uretten rår.

<sup>24</sup> Den som sparer på riset, hatar son sin, den som elsker, formanar han seint og tidleg.

<sup>25</sup> Den rettferdige får eta seg mett, men urettferdige må gå med magen tom.

## Ordtaka 14

<sup>1</sup>Den vise kvinna byggjer huset, den dumme riv det ned med egne hender.

<sup>2</sup> Den som går rett fram, fryktar Herren, den som går krokvegar, foraktar han.

<sup>3</sup>I den dummes munn skyt hovmod fram, men for dei vise er leppene eit vern.

<sup>4</sup>Utan oksar er krubba tom, men med sterke stutar følgjer stor avling.

<sup>5</sup>Eit ærleg vitne lyg ikkje, men falske vitne fer med løgn.

<sup>6</sup>Ein spottar søker visdom, men finn han ikkje, for den som er klok, er det lett å få kunnskap.

<sup>7</sup>Hald deg borte frå dåren, du får ikkje kunnskap frå leppene hans.

<sup>8</sup>Den klokes visdom er å kjenna sin veg, dårars dårskap er å narra seg sjølve.

<sup>9</sup> Dei dumme talar hånleg om skuld, hos dei rettskafne rår velvilje.

<sup>10</sup>Hjartet kjenner si eiga sorg, ingen framand er med det i gleda.

<sup>11</sup> Dei urettferdige får huset lagt øyde, men det blømer i teltet til dei rettskafne.

<sup>12</sup> Ein veg som synest vera den rette, kan likevel enda i døden.

<sup>13</sup> Jamvel når ein ler, kan hjartet lida og gleda enda med sorg.

<sup>14</sup> Den trulause blir mett av si eiga ferd og den gode av sine gjerningar.

- <sup>15</sup>Den truskuldige trur alt som blir sagt, den kløktige gjev akt på sine steg.
- <sup>16</sup>Den vise fryktar det vonde og vender seg bort frå det, dåren er overmodig og sjølv sikker.
- <sup>17</sup> Den som er brå sint, gjer dumme ting, den som legg vonde planar, blir hata.
- <sup>18</sup>Dei truskuldige arvar dårskap, dei kløktige blir krona med kunnskap.
- <sup>19</sup>Dei vonde må bøya seg for dei gode og dei urettferdige ved portane til dei rettferdige.
- <sup>20</sup> Jamvel av sin neste blir den fattige hata, mange er dei som elsker den rike.
- <sup>21</sup> Synd gjer den som foraktar sin neste, sæl er den som viser medynk med dei fattige.
- <sup>22</sup>Dei som tenkjer ut vondt, fer alltid vill, dei som har godt i tankar, møter miskunn og truskap.
- <sup>23</sup> Alt strev fører vinning med seg, tomt snakk gjev berre tap.
- <sup>24</sup>Rikdom kronar dei vise, dårars dårskap er og blir dårskap.
- <sup>25</sup> Eit ærleg vitne bergar liv, den som fer med løgn, er ein svikar.
- <sup>26</sup>Å frykta Herren er eit trygt vern, der kan borna òg søkja tilflukt.
- <sup>27</sup> Å frykta Herren er ei kjelde til liv slik at ein vender seg bort frå dødens snarer.
- <sup>28</sup>Å ha mykje folk er til heider for kongen, mangel på folk gjer at fyrsten fell.
- <sup>29</sup> Den som er sein til vreide, har stor innsikt, den brå sinte viser kor dum han er.
- <sup>30</sup>Eit friskt hjarte gjev kroppen liv, sjalusi er som verk i knoklane.
- <sup>31</sup> Den som undertrykkjer den svake, håner hans skapar, den som hjelper den fattige, ærar Gud.
- <sup>32</sup>Den urettferdige fell for sin eigen vondskap, jamvel i døden finn den rettferdige tilflukt.

<sup>33</sup> I hjartet til den kloke slår Visdomen seg ned, men blant dårar er ho ukjend.

<sup>34</sup> Rettferd lyfter eit folkeslag, men synd er ei skam for folka.

<sup>35</sup> Ein forstandig tenar vinn velvilje hos kongen, ein duglaus blir råka av harmen hans.

## Ordtaka 15

<sup>1</sup> Eit mildt svar døyver sinne, sårande ord vekkjer harme.

<sup>2</sup> Vises tunge gjev god kunnskap, men dårskap strøymer frå dårars munn.

<sup>3</sup> Herrens auge er alle stader, dei vaker over vonde og gode.

<sup>4</sup> Ei lækjande tunge er eit livsens tre, ei falsk tunge knuser livsmotet.

<sup>5</sup> Den dumme foraktar formaning frå far sin, klok er den som lèt seg visa til rette.

<sup>6</sup> Den rettferdiges hus rommar stor rikdom; det den urettferdige vinn, fører til ulukke.

<sup>7</sup> Vises lepper strør ut kunnskap, det gjer ikkje dårens hjarte.

<sup>8</sup> Herren avskyr offer frå urettferdige, bøn frå dei rettskafne har han glede i.

<sup>9</sup> Herren avskyr vegen til den urettferdige, men elsker den som jagar etter rettferd.

<sup>10</sup> Streng straff får den som går bort frå stigen, den som hatar tilrettevising, skal døy.

<sup>11</sup> Dødsrike og avgrunn ligg opne for Herren, kor mykje meir då menneskehjartet.

<sup>12</sup> Spottaren mislikar å bli vist til rette, han går ikkje til dei vise.

<sup>13</sup> Glede i hjartet gjer andletet venleg, sorg i hjartet gjer motlaus.

<sup>14</sup> Eit klokt hjarte søkjer kunnskap, men dårens munn lever av dårskap.

<sup>15</sup> For ein fattig er alle dagar vonde, den fornøgde gjer kvar dag til ein fest.

<sup>16</sup> Betre å ha lite og frykta Herren enn å ha stor rikdom med uro attåt.

- 17 Betre er ein grønsakrett med kjærleik enn oksesteik med hat attåt.
- 18 Den som er sint, valdar trette, den som er sein til vreide, får striden til å stilna.
- 19 For den late er vegen som klungerkratt, for dei rettskafne er stigen ein rydda veg.
- 20 Ein klok son er til glede for far sin, ein tåpeleg mann foraktar mor si.
- 21 Den vitlause har glede av dårskap, den forstandige held rett kurs.
- 22 Utan rådlegging mislukkast planane, når mange gjev råd, skal dei lukkast.
- 23 Glad blir den som kan gje svar. Kor godt med eit ord i rette tid!
- 24 For den forstandige fører livsvegen oppover, slik slepp han unna dødsriket der nede.
- 25 Herren riv huset ned for dei hovmodige, men for enkjer lèt han grensesteinen stå.
- 26 Herren avskyr tankane til den vonde, men venlege ord er reine.
- 27 Den som jaktar på vinning, set huset over styr, den som nektar å la seg kjøpa, skal leva.
- 28 Den rettferdige tenkjer før han talar, men vondskap strøymer frå munnen på urettferdige.
- 29 Herren er langt borte frå dei urettferdige, men han høyrer bøna frå dei rettferdige.
- 30 Strålande auge gleder hjartet, god bodskap gjev merg i bein.
- 31 Den som høyrer på rettleiing om livet, får plass blant dei vise.
- 32 Den som ikkje tek imot formaning, foraktar seg sjølv, den som lèt seg visa til rette, kjøper seg innsikt.
- 33 Frykt for Herren oppdreg til visdom, å vera audmjuk er vegen til ære.

## Ordtaka 16



- 1 Menneskehjartet legg sine planar, men svaret på tunga kjem frå Herren.
- 2 Ein mann kan synast at hans ferd er rein, men Herren prøver tankane.
- 3 Legg alt du gjer, i Herrens hand, så skal planane dine lukkast.
- 4 Herren skapte alt for eit føremål, jamvel den urettferdige for ulukkedagen.
- 5 Herren avskyr den som har eit hovmodig hjarte, når tida er inne, blir han straffa.
- 6 Med miskunn og truskap blir skuld sona, den som fryktar Herren, vender seg bort frå det vonde.
- 7 Den som går vegar som gleder Herren, får fred jamvel med fiendane sine.
- 8 Betre å ha lite med rettferd enn å få stor vinning med urett.
- 9 I hjartet tenkjer mannen ut sin veg, men det er Herren som styrer stega hans.
- 10 På kongens lepper er rette svar, han sviktar ikkje når han dømmer.
- 11 Rett vekt og vektskål er Herrens sak, kvart vektlodd i pungen er hans verk.
- 12 Kongar avskyr lovlaus gjerning, for ved rettferd skal trona tryggjast.
- 13 Ærlege lepper er til glede for kongen, han elsker den som talar rett.
- 14 Kongens harme ber bod om død, men ein vis kan stilla harmen.
- 15 Når kongens andlet lyser, er livet berga. Hans velvilje er som ei sky med vårregn.
- 16 Å kjøpa visdom er betre enn gull, å kjøpa innsikt er meir verdt enn sølv.
- 17 Veggen for dei rettskafne er å venda seg bort frå det vonde, den som aktar på si ferd, tek vare på livet.
- 18 Stormod kjem føre samanbrot, hovmod føre fall.
- 19 Betre å vera audmjuk med dei fattige enn å dela bytte med dei stolte.
- 20 Den som handlar forstandig, skal finna det gode, sæl er den som lit på Herren.

- <sup>21</sup>Klok kallar dei den som har visdom i hjartet, veltalande tunge gjev større lærdom.
- <sup>22</sup> Den som har vit, har ei kjelde til liv, det er dumt å formana den dumme.
- <sup>23</sup>Hjartet til den vise gjer munnen hans klok, legg meir og meir lærdom på leppene hans.
- <sup>24</sup> Venlege ord er drypande honning, søte for sjela og sunne for kroppen.
- <sup>25</sup> Ein veg som synest vera den rette, kan likevel enda i døden.
- <sup>26</sup>Svolten får arbeidaren til å slita, hungeren driv han fram.
- <sup>27</sup> Eit vondsinna menneske grev opp vondskap, på leppene hans brenn det som eld.
- <sup>28</sup> Ein som er svikefull, valdar trette, den som baktalar andre, skil ven frå ven.
- <sup>29</sup>Valdsmannen lokkar sin neste og fører han inn på ein veg som ikkje er god.
- <sup>30</sup> Han knip att auga, pønskar på svik; han pressar leppene saman og set det vonde i verk.
- <sup>31</sup> Grått hår er ei fager krone, på rettferds veg er ho å finna.
- <sup>32</sup> Betre å vera sein til vreide enn å vera krigshelt, betre å styra sitt sinn enn å ta ein by.
- <sup>33</sup>Dei rister terningen i fanget, korleis han fell, avgjer Herren.

## Ordtaka 17

- <sup>1</sup> Betre er ein tørr brødbit i ro og fred enn huset fullt av festmat og krangel.
- <sup>2</sup>Ein forstandig slave blir herre over ein duglaus son og får del i arven med brørne hans.
- <sup>3</sup>Sølv prøver ein i digelen og gull i smelteomnen, men Herren prøver hjarta.
- <sup>4</sup>Den som gjer vondt, lyttar til vonde tungar, løgnaren høyrer på skadeleg snakk.

- <sup>5</sup> Den som spottar den fattige, håner hans skapar, den som gleder seg over ulukke, slepp ikkje straff.
- <sup>6</sup> Barneborn er ei krone for dei gamle, og borna er stolte av fedrane sine.
- <sup>7</sup> Å bruka store ord sømer seg ikkje for ein dåre, løgn endå mindre for ein stormann.
- <sup>8</sup> Den som gjev stikkpengar, trur han har ein lukkestein, kvar han vender seg, går det han godt.
- <sup>9</sup> Den som dekkjer over eit feilsteg, legg vinn på venskap, den som ber det vidare, skil ven frå ven.
- <sup>10</sup> Åtvaring bit betre på den kloke enn hundre slag på dåren.
- <sup>11</sup> Den som er vond, søker berre opprør, men eit nådelaust sendebod kjem imot han.
- <sup>12</sup> Det er betre å møte ei binne som har mista ungane sine, enn å møte ein dåre i hans dårskap.
- <sup>13</sup> Løner nokon godt med vondt, vik ulukka aldri frå huset hans.
- <sup>14</sup> Den som byrjar ein krangel, opnar for ein flaum. Hald opp før tretta bryt laus!
- <sup>15</sup> Å frikjenna ein skuldig og å dømme ein som har rett – Herren avskyr begge delar.
- <sup>16</sup> Kva hjelper pengar i handa på dåren? Kan han kjøpa visdom når han ikkje har vit?
- <sup>17</sup> Ein ven viser alltid kjærleik, ein bror er fødd til å hjelpa i naud.
- <sup>18</sup> Vitlaus er den som gjev handslag og kausjonerer for nesten sin.
- <sup>19</sup> Den som likar trette, likar synd; den som gjer døra høg, søker samanbrot.
- <sup>20</sup> Eit falskt hjarte finn ikkje det gode, ei svikefull tunge fører i ulukke.
- <sup>21</sup> Sorg får den som har ein dåre til son, far til ein narr har inga glede.
- <sup>22</sup> Glede i hjartet gjev god helse, mismot tærer på kroppen.

- <sup>23</sup> Den urettferdige tek imot gåver frå lomma for å vrenge rettens veg.
- <sup>24</sup> Den kloke har visdom for auge, dårars blikk flakkar til enden av jorda.
- <sup>25</sup> Ein uvitug son gjer far sin sint, er til beisk sorg for henne som fødde han.
- <sup>26</sup> Det er gale å gje ein rettferdig bøter, verre å slå stormenn fordi dei er rettskafne.
- <sup>27</sup> Klok er den som sparer på orda, den forstandige held hovudet kaldt.
- <sup>28</sup> Sjølv den dumme blir rekna for vis når han teier, og klok så lenge han held munn.

### Ordtaka 18

- <sup>1</sup> Ein einstøing følgjer si eiga lyst, glefser mot alle kloke råd.
- <sup>2</sup> Dåren bryr seg ikkje om innsikt, han vil berre visa kva han tenkjer sjølv.
- <sup>3</sup> Kjem ein urettferdig, kjem forakt, og med skam følgjer spott.
- <sup>4</sup> Ein manns ord er som djupt vatn, og visdomens kjelde er ein bekk som vell fram.
- <sup>5</sup> Det er gale å halda med ein urettferdig og driva den rettferdige bort frå retten.
- <sup>6</sup> Dårens lepper valdar strid, munnen hans ropar etter riset.
- <sup>7</sup> Dårens munn blir hans undergang, leppene blir ei snare for han.
- <sup>8</sup> Ord frå ein baktalar er som lekke retter, dei glid ned i magen.
- <sup>9</sup> Den som forsømer arbeidet sitt, er bror til den som øydelegg.
- <sup>10</sup> Herrens namn er eit festningstårn, dit spring den rettferdige og finn vern.
- <sup>11</sup> Rikmanns gods er hans faste borg, i hans tanke er det som ein vernande mur.
- <sup>12</sup> Før mannen fell, er han stolt i hjartet, føre ære går audmjukt sinn.
- <sup>13</sup> Den som svarar før han høyrer, er dum og haustar skam.
- <sup>14</sup> Motet held eit menneske oppe i sjukdom, men mismot, kven kan bera det?

- <sup>15</sup>Eit klokt hjarte kjøper seg kunnskap, vismenns øyre søker kunnskap.
- <sup>16</sup> Gåver opnar dører og gjev tilgang til dei store.
- <sup>17</sup>Den som talar først i ei sak, får rett, til motparten kjem og spør han ut.
- <sup>18</sup>Loddkasting gjer ende på tretter og avgjer strid mellom mektige.
- <sup>19</sup>Ein krenkt bror er ein festningsby; krangel er som bommen på ein borgport.
- <sup>20</sup> Magen nyt godt av det munnen ber fram, leppene ber frukt som mettar.
- <sup>21</sup> Tunga har makt over død og liv, dei som gjerne bruker henne, får smaka frukta.
- <sup>22</sup> Den som finn ei kone, finn lukka; han har vunne velvilje hos Herren.
- <sup>23</sup>Den fattige kjem med bøn om nåde, den rike svarar med harde ord.
- <sup>24</sup> Det finst vener som skader kvarandre, men ein sann ven er meir trufast enn ein bror.

## Ordtaka 19

- <sup>1</sup> Betre å vera fattig og heil i si ferd enn å vera ein dåre med falske lepper.
- <sup>2</sup>Iver utan kunnskap er av det vonde, den som har hastverk, trør feil.
- <sup>3</sup>Eigen dårskap fører mennesket til fall, men hjartet rasar mot Herren.
- <sup>4</sup>Rikdom skaffar mange vener, den fattige mistar den venen han har.
- <sup>5</sup>Falske vitne slepp ikkje straff, dei som fer med løgn, går ikkje fri.
- <sup>6</sup>Mange smiskar for storfolk, alle er vener med den som gjev gåver.
- <sup>7</sup>Den fattige er forakta av alle sine slektningar, jamvel venene hans held seg unna. Han vil vinna dei med ord, men dei kjem ikkje.
- <sup>8</sup>Den som vinn seg innsikt, har livet kjær, den som tek vare på forstand, finn det gode.
- <sup>9</sup>Falske vitne slepp ikkje straff, dei som fer med løgn, går til grunne.
- <sup>10</sup> Det høver ikkje for dåren å leva i overflod, endå mindre for slaven å rå over fyrstar.

- 11 Forstand gjer mennesket sein til vreide, det set si ære i å bera over med feilsteg.
- 12 Kongens sinne er som løvebrøl, hans velvilje er som dogg over graset.
- 13 Ein uvitug son er ei ulukke for far sin, kvinnetrette er som stadig takdrop.
- 14 Hus og eigedom er arv frå fedrane, ei forstandig kone er ei gåve frå Herren.
- 15 Latskap dyssar i søvn, den som er makeleg, må svelta.
- 16 Den som tek vare på bodet, tek vare på livet, den som ikkje bryr seg om kor han går, må døy.
- 17 Den som hjelper den fattige, låner til Herren, som vil løna han for det han har gjort.
- 18 Ver streng mot son din, for det er enno håp, men bli ikkje så ivrig at du tek livet av han.
- 19 Den som lèt harmen ta makta, må bera straffa; vil du berga han, må du gjera det igjen og igjen.
- 20 Høyr på råd og ta imot formaning, så blir du vis til slutt.
- 21 Det er mange tankar i menneskehjartet, men det er Herrens vilje som skjer.
- 22 Truskap er det ein ønskjer av eit menneske; betre å vera fattig enn ein løgnar.
- 23 Å frykta Herren gjev liv. Mett kan ein gå til nattekville og vera trygg for det vonde.
- 24 Den late stikk handa i fatet, men får henne ikkje opp til munnen eingong.
- 25 Slå spottaren, så blir den vitlause klok, vis den vituge til rette, så får han større forstand.
- 26 Den som plyndrar far sin, kastar ut mor si. Slik ein son gjev spott og skam.
- 27 Hald opp med å høyra på formaning, son min, om du vil vika frå kunnskapens ord.
- 28 Eit vondsinna vitne spottar retten, munnen til lovause sluker vondskap.

<sup>29</sup> Straff er fastsett for dei som spottar, og pryl for ryggen på dårar.

## Ordtaka 20

<sup>1</sup> Vinen er ein spottar, sterk drikk er ein skrålhals, vitlaus er den som ravar i rus.

<sup>2</sup> Når kongen trugar, er det som løvebrøl, den som gjer han sint, set livet på spel.

<sup>3</sup> Å halda seg frå trette er ei ære for mannen, den som er dum, yppar til strid.

<sup>4</sup> Den late vil ikkje pløya om hausten, han ventar avling, men får inga.

<sup>5</sup> Som djupt vatn er tankane i menneskehjartet, den som har vit, kan ausa av dei.

<sup>6</sup> Mange ropar om sin eigen truskap, men kvar finst den ein kan lita på?

<sup>7</sup> Den rettferdige er heil i si ferd, heldige er borna etter han.

<sup>8</sup> Ein konge som sit i dommarsetet, skil ut alt vondt med sitt blikk.

<sup>9</sup> Kven kan seia: «Eg har halde hjartet reint, eg er reinsa for synd»?

<sup>10</sup> To slag vekt og to slag mål, Herren avskyr dei begge.

<sup>11</sup> Jamvel ein ung gut viser i handling om det han gjer, er reint og rett.

<sup>12</sup> Øyret som høyrer, og auget som ser, Herren har skapt dei begge.

<sup>13</sup> Elsk ikkje søvnen, for då blir du fattig, lat opp auga og et deg mett.

<sup>14</sup> «Berre skrap», seier kjøparen, men når han går bort, er han fornøgd med seg sjølv.

<sup>15</sup> Det finst gull og perler i mengd, men klok tale er eit sjeldsynt smykke.

<sup>16</sup> Ta kleda frå den som har kausjonert for ein framand, ta dei i pant for dei ukjende!

<sup>17</sup> Brød frå løgn smakar godt, men sidan fyllest munnen med grus.

<sup>18</sup> Om ein held råd, lukkast planane. Legg planar før du fører krig!

- <sup>19</sup> Den som baktalar, røper det hemmelege, hald ikkje lag med den som er lausmunna!
- <sup>20</sup> Den som forbannar far sin og mor si, hans lampe skal slokna når mørkret kjem.
- <sup>21</sup> Ein arv som ein riv til seg for tidleg, gjev inga velsigning til slutt.
- <sup>22</sup> Sei ikkje: «Eg vil gjengjelda det vonde.» Vent på Herren, så hjelper han deg!
- <sup>23</sup> Herren avskyr to slag lodd, falsk vekt er ikkje av det gode.
- <sup>24</sup> Det er Herren som styrer mannens steg. Korleis kan mennesket skjønna sin veg?
- <sup>25</sup> Det er ei snare for mennesket å gje heilage lovnader før ein har tenkt seg om.
- <sup>26</sup> Den vise kongen skil ut dei urettferdige og lèt hjulet rulla over dei.
- <sup>27</sup> Ånda hos mennesket er ei Herrens lampe, ho ransakar alle rom i hans indre.
- <sup>28</sup> Miskunn og truskap er eit vern om kongen, han stør si trone på miskunn.
- <sup>29</sup> Styrke er ein prydnad for dei unge og grått hår ei ære for dei gamle.
- <sup>30</sup> Sviande sår reinsar bort det vonde, slag reinsar dei inste rom.

## Ordtaka 21

- <sup>1</sup> Kongens hjarte er rennande vatn i Herrens hand; han leier det dit han vil.
- <sup>2</sup> Ein mann kan synast at all hans ferd er rett, men Herren prøver hjarta.
- <sup>3</sup> Å gjera det som er rett og rettferdig, er meir verdt for Herren enn offer.
- <sup>4</sup> Stolte auge og hovmodig hjarte – lyset til dei urettferdige er synd.
- <sup>5</sup> Det den flittige planlegg, gjev vinning, men hastverk fører berre til tap.
- <sup>6</sup> Å skaffa seg skattar ved ei tunge som lyg, er ein flyktig pust hos dei som søkjer døden.



- <sup>7</sup>Lovlause blir drivne bort av si eiga valdsferd, for dei nektar å gjera det som er rett.
- <sup>8</sup>Skuldyngd mann går krokete vegar, den som er rein, handlar rett.
- <sup>9</sup>Betre å bu i ein krok på taket enn å vera i hus med trettekjær kvinne.
- <sup>10</sup>Den lovlause har lyst til det vonde, han viser ingen nåde mot sin neste.
- <sup>11</sup>Når ein spottar får straff, blir den vitlause klok, når ein vis får lærdom, tek han kunnskapen til seg.
- <sup>12</sup>Den rettferdige legg merke til den lovlauses hus; han støyter dei urettferdige ut i ulukke.
- <sup>13</sup>Den som stengjer sitt øyre når den fattige skrik, skal sjølv ropa utan å få svar.
- <sup>14</sup>Ei gåve i løyndom mildnar vreide, stikkpengar i lomma stiller stor harme.
- <sup>15</sup>At ein gjer det rette, er ei glede for den rettferdige, men ei gru for dei som gjer urett.
- <sup>16</sup>Den som villar seg bort frå klokskaps veg, hamnar blant daudingar.
- <sup>17</sup>Den som elsker fest, blir fattig, den som elsker vin og olje, blir aldri rik.
- <sup>18</sup>Den urettferdige er løysepeng for den rettferdige og svikaren for dei rettskafne.
- <sup>19</sup>Betre å bu i ørkenlandet enn med ei sint og trettekjær kvinne.
- <sup>20</sup>Dyre skattar og olje finst der den vise bur, dåren sløser bort alt.
- <sup>21</sup>Den som jagar etter rettferd og godleik, finn liv og rettferd og ære.
- <sup>22</sup>Ein klok mann kan storma ein by full av heltar og bryta byens sikre vern.
- <sup>23</sup>Den som aktar sin munn og si tunge, bergar sitt liv frå trengsler.
- <sup>24</sup>Den frekke og stolte skal kallast ein spottar, hovmodig og frekt fer han fram.
- <sup>25</sup>Det den late ønskjer, fører til død, for han vil ikkje arbeida med hendene.

<sup>26</sup>Han ønskjer og ønskjer dagen lang, men den rettferdige gjev og sparer ikkje.

<sup>27</sup> Avskyeleg er offer frå urettferdige, og endå meir når dei ber det fram med vondt i tankar.

<sup>28</sup> Eit falskt vitne går til grunne, men den som høyrer etter, vil alltid få ordet.

<sup>29</sup>Den urettferdige går med frekk mine, den rettskafne er stø i si ferd.

<sup>30</sup> Ingen visdom, inga innsikt eller råd kan stå seg framfor Herren.

<sup>31</sup> Hesten blir gjord klar til stridens dag, men det er Herren som gjev siger.

## Ordtaka 22

<sup>1</sup> Godt namn er meir verdt enn stor rikdom, respekt er betre enn sølv og gull.

<sup>2</sup> Rik og fattig møtest, Herren har skapt dei begge.

<sup>3</sup> Den kløktige ser ulukka koma og gøymer seg, dei vitlause går på og får si straff.

<sup>4</sup> Å vera audmjuk og frykta Herren gjev rikdom, ære og liv.

<sup>5</sup>På vegen dei svikefulle går, er tornar og snarer, den som vil ta vare på livet, held seg borte frå dei.

<sup>6</sup>Lær den unge vegen han skal gå, så vik han ikkje av når han blir gammal.

<sup>7</sup>Den rike er herre over dei fattige, den som låner, blir slave under långjevaren.

<sup>8</sup>Den som sår urett, haustar vondskap, riset han bruker i sinne, blir øydelagt.

<sup>9</sup>Den som har auge for å gjera godt, blir velsigna, for han deler sitt brød med den fattige.

<sup>10</sup> Jag spottaren ut, så går krangelen med, strid og skam får ein ende.

<sup>11</sup> Den som elsker eit reint hjarte og har milde ord på leppene, får kongen til ven.

<sup>12</sup>Herrens auge vaker over kunnskapen, men svikarens ord gjer han til inkjes.

- 13** Den late seier: «Det er ei løve der ute, eg kunne bli drepen midt på torget!»
- 14** Munnen til framand kvinne er ei djup grav, den Herren er harm på, fell nedi.
- 15** Dumskap høyrer ungdomen til, riset kan oppdra og driva dumskapen bort.
- 16** Den som undertrykkjer fattige for sjølv å bli rik, og den som gjev gåver til rike, lid berre tap.

### **Tredje samlinga**

*(22,17–24,34)*

#### **Ord frå dei vise**

- 17** Legg øyret til og høyr orda frå dei vise, legg deg på hjartet den kunnskapen eg gjev.
- 18** Det er godt å ta vare på dei i sitt indre og alltid ha dei på leppene.
- 19** For deg kunngjer eg dei i dag, så du kan setja di lit til Herren.
- 20** Ja, eg har skrive opp tretti ordtak for deg med kloke råd
- 21** for å læra deg sanne og pålitelege ord, så du kan gje pålitelege svar til dei som har sendt deg.
- 22** Ran ikkje den fattige fordi han er fattig, knus ikkje den hjelpelause i retten!
- 23** For Herren vil føra saka for dei og røva livet frå røvarane.
- 24** Ver ikkje ven med den hissige, slå ikkje lag med den bråsinde,
- 25** så du ikkje lærer deg hans vegar og set ei snare for ditt liv.
- 26** Ver ikkje blant dei som gjev sitt handslag og stiller kausjon for gjeld.
- 27** Om du ikkje har noko å betala med, tek dei endåtil senga du ligg på.
- 28** Flytt ikkje gamle grensesteinar som fedrane dine har reist.
- 29** Ser du ein mann som er dugande i sitt arbeid? Han kan ta teneste hos kongar og skal ikkje tena hos småkårsfolk.

### **Ordtaka 23**

- 1** Når du sit til bords med ein herskar, tenk vel over kven du har framfor deg,

- <sup>2</sup>og set ein kniv på strupen om matlysta blir for stor.
- <sup>3</sup>Ha ikkje lyst på dei lekre rettene hans, for det er svikefull kost.
- <sup>4</sup>Slit deg ikkje ut for å bli rik! Hald opp med det, forstandig som du er.
- <sup>5</sup>Når du ser etter rikdomen, er han borte; brått får han venger og flyg mot himmelen som ei ørn.
- <sup>6</sup>Et ikkje mat hos ein som er gjerrig, ha ikkje lyst på dei lekre rettene hans!
- <sup>7</sup>For han er slik han tenkjer inst inne. Han seier nok til deg: «Et og drikk», men hjartet hans er ikkje med deg.
- <sup>8</sup>Den biten du har ete, må du kasta opp att, dine venlege ord er bortkasta.
- <sup>9</sup>Snakk ikkje til ein dåre, han foraktar dine kloke ord.
- <sup>10</sup> Flytt ikkje gamle grensesteinar, gå ikkje inn på farlauses grunn!
- <sup>11</sup> For dei har ein sterk løysingsmann, og han skal føra saka dei har mot deg.
- <sup>12</sup>Opna hjartet ditt for formaning og øyret for forstandige ord!
- <sup>13</sup> Lat ikkje guten vera utan formaning! Gjev du han ris, skal han ikkje døy.
- <sup>14</sup>Når du slår han med riset, bergar du han frå dødsriket.
- <sup>15</sup> Son min, har du visdom i hjartet, blir det òg glede i hjartet mitt.
- <sup>16</sup>Nyrene mine jublar når leppene dine seier det som er rett.
- <sup>17</sup> Ditt hjarte skal ikkje misunna syndarar, men alltid med iver frykta Herren!
- <sup>18</sup> Då har du ei framtid, ditt håp er ikkje ute.
- <sup>19</sup> Høyr no, son min, og bli vis, styr hjartet inn på rette vegar!
- <sup>20</sup> Ver ikkje blant dei som drikk seg fulle på vin og fråtsar i kjøt.
- <sup>21</sup>For drankaren og fråtsaren blir fattige, den søvndrukne blir kledd i filler.
- <sup>22</sup> Høyr på far din, som gav deg livet, sjå ikkje ned på di gamle mor!
- <sup>23</sup> Kjøp deg sanning og sel henne ikkje, kjøp visdom, formaning og innsikt!

- <sup>24</sup> Ein far jublar høgt over ein rettferdig son, den som får ein vis son, blir glad.
- <sup>25</sup> Ver til glede for far din og mor di, lat henne som fødte deg, jubla.
- <sup>26</sup> Son min, gjev meg ditt hjarte, lat auga sjå med glede på mine vegar!
- <sup>27</sup> Ei hore er ei djup grav, ei framand kvinne er ein trong brønn.
- <sup>28</sup> Ja, ho ligg på lur som ein røvar og aukar talet på trulause menn.
- <sup>29</sup> Kven ropar akk, kven ropar ve, kven må krangla, og kven må klaga? Kven har utan grunn fått sår, og kven har sløve auge?
- <sup>30</sup> Jau, dei som sit lenge oppe over vinen, dei som kjem for å smaka på kryddervinen.
- <sup>31</sup> Sjå ikkje på vinen, kor raud han er, kor fint han blenkjer i kruset, og kor lett han renn ned.
- <sup>32</sup> Til sist bit han som ein slange, han høgg som ein orm.
- <sup>33</sup> Då ser auga dine underlege ting, og hjartet snakkar tull og tøv.
- <sup>34</sup> Det er som var du midt ute på havet og sov høgt oppe i riggen.
- <sup>35</sup> «Dei slo meg, men det gjorde ikkje vondt. Dei banka meg, men eg kjende det ikkje. Når skal eg vakna? Eg vil ha meir å drikka!»

## Ordtaka 24

- <sup>1</sup> Misunn ikkje vonde menneske, lengt ikkje etter å vera saman med dei!
- <sup>2</sup> For hjartet deira tenkjer på vald, og leppene talar om ulukke.
- <sup>3</sup> Med visdom blir huset bygd, og med innsikt blir det reist.
- <sup>4</sup> Med kunnskap blir romma fylte av dyre og fine skattar.
- <sup>5</sup> Ein mann som er vis, har styrke, den som har kunnskap, er full av kraft.
- <sup>6</sup> Legg planar før du fører krig, når mange gjev råd, vinn du siger.
- <sup>7</sup> Visdomen heng for høgt for den dumme, i byporten opnar han ikkje sin munn.

- <sup>8</sup>Den som legg vonde planar, blir kalla renkesmed.
- <sup>9</sup>Påfunna til den dumme er synd, spottaren møter avsky blant folk.
- <sup>10</sup>Mistar du motet på den dagen du er i naud, har du òg mista din styrke.
- <sup>11</sup>Berg dei som blir førte til døden, hald att dei som vaklar mot rettarstaden!
- <sup>12</sup>Seier du: «Vi visste det ikkje», så ser han det, han som prøver hjarta. Han som vaktar livet ditt, veit det og gjev kvar og ein att etter det han har gjort.
- <sup>13</sup>Et honning, son min, for den er god, flytande honning er søt for ganen.
- <sup>14</sup>Og vit at slik er visdomen for sjela. Finn du den, har du ei framtid, ditt håp er ikkje ute.
- <sup>15</sup>Ligg ikkje på lur som ein urettferdig der den rettferdige bur, legg ikkje heimen hans øyde!
- <sup>16</sup>Sju gonger kan den rettferdige falla og reisa seg att, men dei urettferdige snublar i det som er vondt.
- <sup>17</sup>Gled deg ikkje når fienden din fell, hjartet skal ikkje jubla når han snublar.
- <sup>18</sup>Då vil Herren sjå på det med uvilje og venda vreiden sin bort frå han.
- <sup>19</sup>Ver ikkje harm på dei som gjer vondt, og misunn ikkje dei lovlause!
- <sup>20</sup>For dei vonde har inga framtid, lampa til dei urettferdige sloknar.
- <sup>21</sup>Frykt Herren og kongen, son min! Slå deg ikkje saman med dei som vil forandra.
- <sup>22</sup>For brått kan ulukka ramma dei. Kven veit kva slag øydelegging dei to kan senda?

### Fleire ord frå dei vise

- <sup>23</sup>Dette òg er ord av dei vise: Det er gale å gjera skilnad på folk i retten.
- <sup>24</sup>Seier nokon til ein skuldig: «Du er uskuldig», vil folk forbanna han og folkeslag fordømme han.
- <sup>25</sup>Men dei som dømmer rett, går det vel, lukke og velsigning kjem over dei.

- <sup>26</sup>Eit ærleg svar er eit kyss på leppene.
- <sup>27</sup>Fullfør arbeidet ute, gjer deg ferdig på åkeren, så kan du byggja deg hus.
- <sup>28</sup>Ver ikkje utan grunn vitne mot nesten din, så du svik han med leppene dine.
- <sup>29</sup>Sei ikkje: «Som han har gjort mot meg, slik vil eg gjera mot han; eg vil gje han att etter det han har gjort.»
- <sup>30</sup>Eg gjekk forbi ein lat manns åker, langs vinmarka til eit menneske utan forstand.
- <sup>31</sup>Sjå, der var det fullt av nesler, grunnen var overgrodd med tistlar, og steingjerdet var nedrive.
- <sup>32</sup>Eg la merke til dette og la meg det på hjartet, eg tok lærdom av det eg såg.
- <sup>33</sup>«Litt søvn, litt kvile med hendene i fanget,
- <sup>34</sup>så kjem fattigdomen på deg som farande fant og nauda som velværna mann.»

## Ordtaka 25

### Fjerde samlinga

(Kap. 25–29)

#### Ordtak samla på Hiskias tid

- <sup>1</sup> Dette er òg ordtak frå Salomo. Dei er overleverte frå mennene til Judakongen Hiskia.
- <sup>2</sup> Det er Guds ære å skjula ei sak, men kongars ære å granska henne.
- <sup>3</sup> Himmelhøgde og jordedjup og kongars hjarte kan ingen granska.
- <sup>4</sup> Skil slagget frå sølvet, så kan sølvsmeden laga ei skål.
- <sup>5</sup> Før den urettferdige bort frå kongen, så skal trona hans tryggast ved rettferd.
- <sup>6</sup> Du skal ikkje framheva deg sjølv når kongen ser på, stig ikkje fram på plassen til dei store!

- <sup>7</sup> For det er betre at dei seier til deg: «Kom og set deg her oppe!» enn at dei flytter deg ned på grunn av ein stormann. Kva du så ser med eigne auge,
- <sup>8</sup> ver ikkje for snar til å reisa sak. For kva vil du gjera til sist når nesten din fører skam over deg?
- <sup>9</sup> Før berre saka med nesten din, men røp ikkje ein annans løyndomar!
- <sup>10</sup> Elles vil den som høyrer det, klandra deg; ryktet du spreier, kan ikkje kallast tilbake.
- <sup>11</sup> Som eple av gull i eit smykke av sølv er ord ein talar i rette tid.
- <sup>12</sup> Som ein ring av gull, som eit smykke av fint gull er refsingsord frå den vise til ein som vil høyra.
- <sup>13</sup> Som svalande snø når det er tid for å hausta, er eit trufast sendebod for den som sende han, han gjev herren sin nye krefter.
- <sup>14</sup> Lik skyer og vind som ikkje gjev regn, er den som skryter av gåver han ikkje gjev.
- <sup>15</sup> Med tolmod blir hovdingen overtala, ei mild tunge knuser bein.
- <sup>16</sup> Finn du honning, så et ikkje meir enn du treng, elles blir du for mett og må kasta opp.
- <sup>17</sup> Set ikkje for ofte foten i huset til venen din, elles blir han lei av deg og får avsky for deg.
- <sup>18</sup> Som ei klubbe, eit sverd, ei kvass pil er den som vitnar falskt mot nesten.
- <sup>19</sup> Som ei røten tann, ein vaklande fot er det å stola på ein svikar når nauda kjem.
- <sup>20</sup> Som å kasta kappa ein vinterdag, som å slå eddik på sår er det å syngja for eit sorgfullt hjarte.
- <sup>21</sup> Er fienden din svolten, så lat han få mat, er han tørst, så gjev han vatn å drikka.
- <sup>22</sup> Då samlar du glødande kol på hovudet hans, og Herren skal løna deg.



- <sup>23</sup>Nordavinden føder regn, baktale føder sinte andlet.
- <sup>24</sup> Betre å bu i ein krok på taket enn å dela hus med trettekjær kvinne.
- <sup>25</sup> Kaldt vatn for den som er sliten, slik er godt nytt frå framandt land.
- <sup>26</sup> Ei grumsete kjelde, ein utskjemd brønn er ein rettferdig som gjev etter for ein urettferdig.
- <sup>27</sup> Å eta for mykje honning er ikkje godt, heller ikkje stendig å trå etter ære!
- <sup>28</sup> Lik ein øydelagd by med nedriven mur er den som ikkje kan styra sitt sinn.

## Ordtaka 26

- <sup>1</sup> Som snø om sommaren og regn i innhaustinga, så lite høver ære for dåren.
- <sup>2</sup> Lik sporv og svale som flaksar og flyg, er grunnlaus forbanning, ho råkar ikkje.
- <sup>3</sup> Svepe til hesten, taum til eselet og ris til ryggen på dårar!
- <sup>4</sup> Svar ikkje dåren like dumt som han spør, elles blir du sjølv som han.
- <sup>5</sup> Svar dåren like dumt som han spør, så han ikkje blir vis i egne auge.
- <sup>6</sup> Den som sender bod med ein dåre, hogg føtene av seg og drikk vald.
- <sup>7</sup> Slappe heng føtene på den lamme og ordtak i munnen på dårar.
- <sup>8</sup> Lik den som legg stein i slyngja, er den som gjev ein dåre ære.
- <sup>9</sup> Lik ei tornegrein i handa på ein drankar er eit ordtak i munnen på dårar.
- <sup>10</sup> Lik ein bogeskyttar som sårar kvar og ein, er den som leiger ein dåre eller folk som tilfeldigvis går forbi.
- <sup>11</sup> Lik hunden som snur seg til sitt eige spy, er ein dåre som tek opp att sin dårskap.
- <sup>12</sup> Ser du ein mann som er vis i egne auge? Det er større håp for dåren enn for han.
- <sup>13</sup> Den late seier: «Det er eit villdyr på vegen, ei løve på torget!»
- <sup>14</sup> Døra svingar på gjenga, den late snur seg i senga.

- <sup>15</sup> Den late stikk handa i fatet, men gidd ikkje ta henne til munnen.
- <sup>16</sup> Den late er visare i eigne auge enn sju som gjev kloke svar.
- <sup>17</sup> Lik ein som tek tak i øyra på ein hund, er den som kjem forbi og ryk opp i sinne for ei trette som ikkje kjem han ved.
- <sup>18</sup> Lik ein galning som skyt brennande og dødelege piler,
- <sup>19</sup> er den som har svike ein ven og seier: «Det var berre ein spøk.»
- <sup>20</sup> Er det slutt på veden, sloknar elden; når baktalaren er borte, stilnar tretta.
- <sup>21</sup> Det trengst kol til glør og ved til eld og trettekjær mann til å skapa strid.
- <sup>22</sup> Ord frå ein baktalar er som lekre retter, dei glid ned i magen.
- <sup>23</sup> Som ureint sølv utanpå eit leirkar er sleipe lepper og eit vondt hjarte.
- <sup>24</sup> Ein fiende skaper seg til med leppene, men inni seg ber han på svik.
- <sup>25</sup> Gjer han røysta blid, så tru han ikkje, for sju avskyelege ting har han i hjartet.
- <sup>26</sup> Om han skjuler hatet med list, kjem vondskapen fram når folket samlast.
- <sup>27</sup> Den som grev ei grav, fell sjølv nedi, den som rullar ein stein, får han over seg.
- <sup>28</sup> Den som talar med falsk tunge, hatar sanning; glatt munn fører til fall.

## Ordtaka 27

- <sup>1</sup> Pris deg ikkje lukkeleg over morgondagen,  
for du veit ikkje kva han ber i sitt fang.
- <sup>2</sup> Ein annan skal prisa deg lukkeleg, ikkje din eigen munn, ein framand, ikkje dine eigne lepper.
- <sup>3</sup> Steinen er tung, og sand veg mykje, men ein dum som er sint, er tyngre enn begge.
- <sup>4</sup> Harmen er gruffull, vreiden er ein flaum, men kven kan stå seg mot sjalusi?
- <sup>5</sup> Betre er open kritikk enn skjult sympati.

- <sup>6</sup> Sår frå ein ven er til å lita på, men fiendens kyss er svikefulle.
- <sup>7</sup> Den mette vrakar den finaste honning, alt beiskt smakar søtt for den svoltne.
- <sup>8</sup> Lik ein fugl som flyg frå reiret, er ein mann som flyg frå heimen.
- <sup>9</sup> Olje og røykjelse gleder hjartet, god venskap styrkjer sjela.
- <sup>10</sup> Gjev ikkje slepp på din ven og på venen til far din; gå ikkje heim til ein bror på ulukkedagen din. Betre med ein nær granne enn ein bror langt borte.
- <sup>11</sup> Bli vis, son min, og gled mitt hjarte, så eg kan svara dei som håner meg.
- <sup>12</sup> Den kløktige ser ulukka koma og gøymer seg, dei vitlause går på og får si straff.
- <sup>13</sup> Ta kleda frå den som har kausjonert for ein framand, ta pant i dei for dei ukjende!
- <sup>14</sup> Når nokon velsignar sin neste med høg røyst tidleg om morgonen, er det å rekna som ei forbanning.
- <sup>15</sup> Som stadig takdrop ein regnvêrsdag, slik er ei trettekjær kvinne.
- <sup>16</sup> Å gøyma henne er som å gøyma vinden eller å gripa olje med handa.
- <sup>17</sup> Jern kvesser jern, og det eine mennesket kvesser det andre.
- <sup>18</sup> Den som passar på fikentreet, får eta frukta; den som tek vare på herren sin, vinn ære.
- <sup>19</sup> Som andlet speglar seg mot andlet i vatnet, finn det eine menneske sitt hjarte att hos det andre.
- <sup>20</sup> Dødsrike og avgrunn blir aldri mette, og menneskeauga får aldri nok.
- <sup>21</sup> Sølv prøver ein i digelen og gull i smelteomnen, og mannen når han får ros.
- <sup>22</sup> Støyter du den dumme i mortaren og knuser han saman med kornet, går dumskapen likevel ikkje av han.
- <sup>23</sup> Merk deg korleis sauene ser ut, syt vel for buskapen din!

- <sup>24</sup> For rikdom varer ikkje evig. Går eit diadem frå slekt til slekt?
- <sup>25</sup> Når nytt gras kjem til syne etter slåttan og høyet frå fjella er samla inn,
- <sup>26</sup> då har du lam som gjev deg klede, og bukkar til å kjøpa jord for,
- <sup>27</sup> du har geitemjølkk nok til å fø deg sjølv og ditt hus og livsopphald for tenestejentene.

## Ordtaka 28

- <sup>1</sup> Den urettferdige rømmer om ingen er etter han, den rettferdige er uredd som ei ungløve.
- <sup>2</sup> Eit land i opprør skifter ofte leiarar, men under ein klok og forstandig mann har det ro og orden.
- <sup>3</sup> Ein stormann som undertrykkjer fattige, han er styrtregn som skyl bort brødkornet.
- <sup>4</sup> Dei som går bort frå lova, prisar den urettferdige, dei som held lova, går til strid imot dei.
- <sup>5</sup> Dei vonde skjønar ikkje kva som er rett, men dei som søkjer Herren, skjønar alt.
- <sup>6</sup> Betre å vera fattig og heil i si ferd enn å vera rik og gå krokvegar.
- <sup>7</sup> Den som held seg etter lova, er ein klok son; den som held lag med fråtsarar, fører skam over far sin.
- <sup>8</sup> Den som aukar sin rikdom ved rente og avgift, samlar til den som tek seg av dei fattige.
- <sup>9</sup> Når nokon vender øyret bort og ikkje vil høyra på lova, blir sjølv bøna hans avskyeleg.
- <sup>10</sup> Den som fører dei rettskafne på vonde vegar, han fell i si eiga grav, men den som er heil, får ein god arv.
- <sup>11</sup> Den rike er vis i eigne auge, ein fattig med innsikt ser kva som bur i han.

- 12** Når dei rettferdige jublar, er det herlegdom og glans; når dei urettferdige får makt, held folk seg borte.
- 13** Den som skjuler syndene sine, skal ikkje lukkast; den som vedkjenner og vender seg frå dei, han finn miskunn.
- 14** Sæl er den som alltid fryktar, men den som gjer hjartet hardt, fell i ulukke.
- 15** Som brølande løve og slagbjørn i sprang er ein urettferdig herskar for eit fattig folk.
- 16** Ein uforstandig fyrste aukar undertrykkinga; den som hatar urett vinning, får leva lenge.
- 17** Den som er tyngd av blodskuld, er på flukt heilt til grava, ingen må hjelpa han.
- 18** Den som er heil i si ferd, blir berga, men den som går krokvegar, fell i grava.
- 19** Den som dyrkar si jord, kan eta seg mett, den som jagar etter fåfengde ting, skal mettast med fattigdom.
- 20** Den trufaste får stor velsigning, den som vil bli rik i ein fart, skal få si straff.
- 21** Det er gale å gjera skilnad på folk, ein kan gjera seg til brotsmann for ein brødbit.
- 22** Den gjerrige har det travelt med å vinna rikdom, han skjønar ikkje at han kjem til å lida naud.
- 23** Den som viser nokon til rette, får sidan større takk enn den som har ei glatt tunge.
- 24** Den som plyndrar far sin og mor si og seier: «Det er ikkje synd», han er jamgod med øydeleggjaren.
- 25** Den grådige valdar trette, den som stolar på Herren, blir mett.

<sup>26</sup> Den som stolar på sitt eige vit, er ein dåre, den som ferdast med visdom, bergar seg.

<sup>27</sup> Den som gjev til dei fattige, lid aldri naud, men den som vender auga bort, blir forbanna av mange.

<sup>28</sup> Når dei urettferdige får makt, held folk seg borte, når dei går til grunne, blir dei rettferdige mange.

## Ordtaka 29

<sup>1</sup> Den som ofte blir tala til rette og endå er stivnakka, blir brått knust og kan ikkje lækjast.

<sup>2</sup> Når dei rettferdige blir mange, gleder folket seg, når ein urettferdig herskar, sukker folket.

<sup>3</sup> Den som elsker visdom, gleder far sin, den som held lag med horer, øyder det han eig.

<sup>4</sup> Ein konge byggjer opp landet med rett, ein som lèt seg kjøpa med gåver, legg det i øyde.

<sup>5</sup> Den som smiskar for nesten sin, set eit garn for føtene hans.

<sup>6</sup> Synnda blir ei snare for den som er vond, men den rettferdige kan jubla og gleda seg.

<sup>7</sup> Den rettferdige kjenner saka til dei fattige, men den urettferdige er utan innsikt.

<sup>8</sup> Spottarar hissar opp heile byen, dei vise får vreiden til å leggja seg.

<sup>9</sup> Når den vise har sak mot den dumme, blir det sinne eller latter, men inga ro.

<sup>10</sup> Dei blodtørste hatar den som er from, men dei rettskafne vil berga livet hans.

<sup>11</sup> Ein dåre slepper alle sine kjensler ut, den vise held dei att.

<sup>12</sup> Ein herskar som høyrer på løgn, får berre kjeltringar til tenarar.

<sup>13</sup> Fattig og undertrykkjar møtest, Herren gjev begge lys i auga.

- <sup>14</sup> Når ein konge dømmer dei fattige rettferdig, står trona hans fast for alltid.
- <sup>15</sup> Ris og tilrettevising gjev visdom, men ein gut med frie taumar fører skam over mor si.
- <sup>16</sup> Blir dei urettferdige mange, aukar synda, men dei rettferdige får sjå at dei fell.
- <sup>17</sup> Oppdra son din, så gjev han deg ro og fyller deg med glede.
- <sup>18</sup> Utan openberring fer folket vill, sæl er den som held lova.
- <sup>19</sup> Ein slave lèt seg ikkje oppdra med ord, han forstår dei nok, men bryr seg ikkje.
- <sup>20</sup> Ser du ein mann som er snar når han talar – det er større håp for dåren enn for han.
- <sup>21</sup> Skjemmer ein slaven sin bort frå han er ung, endar det med at han blir ulydig.
- <sup>22</sup> Den snarsinte valdar trette, den hissige gjer mange feilsteg.
- <sup>23</sup> Hovmod fører menneske til fall, men den audmjuke vinn ære.
- <sup>24</sup> Helaren hatar sitt eige liv, dei tek han i eid, men han vil ikkje vitna.
- <sup>25</sup> Den som er redd menneske, set ei snare for seg sjølv, men den som stolar på Herren, har eit vern.
- <sup>26</sup> Mange prøver å vinna velvilje hos ein herskar, men eit menneske får sin rett frå Herren.
- <sup>27</sup> Dei rettferdige avskyr den som gjer urett, dei urettferdige avskyr den som lever rett.

## Ordtaka 30

### Femte samlinga

(Kap. 30)

### Agurs visdomsord

- <sup>1</sup> Ord av Agur, son til Jake. Til lærdom. Slik lyder mannens ord: Gud, eg er trøytt, Gud, eg er trøytt, eg greier ikkje meir.



- <sup>2</sup>Eg er dummare enn andre menn, eg har ikkje forstand som eit menneske.
- <sup>3</sup>Eg har ikkje lært visdom så eg kunne få del i kunnskapen til dei heilage.
- <sup>4</sup>Kven steig opp til himmelen og steig ned att? Kven samla vinden i si hule hand? Kven lukka vatnet inne i kappa si? Kven fastsette alle grensene for jorda? Kva heiter han, og kva heiter son hans? Veit du det?
- <sup>5</sup>Kvart ord frå Gud er reinsa. Han er eit skjold for dei som tek si tilflukt til han.
- <sup>6</sup>Legg ikkje noko til hans ord, elles går han i rette med deg og du står der som løgnar.
- <sup>7</sup>To ting vil eg be deg om, nekt meg dei ikkje så lenge eg lever:
- <sup>8</sup>Hald løgn og svik langt borte frå meg! Gjer meg korkje fattig eller rik, men lat meg få den maten eg treng!
- <sup>9</sup>Elles kunne eg bli så mett at eg forneakta deg og spurde: «Kven er Herren?» eller bli så fattig at eg stal og krenkte namnet til min Gud.
- <sup>10</sup>Baktal ikkje ein slave for herren hans, elles vil han forbanna deg, og du må bøta for di skuld.
- <sup>11</sup>Det finst ei slekt som forbannar far sin og ikkje velsignar mor si,
- <sup>12</sup>ei slekt som er rein i eigne auge, men ikkje har vaska skiten av seg,
- <sup>13</sup>ei slekt med så stolte auge og lyfte augnebryn,
- <sup>14</sup>ei slekt med tenner som sverd og gap som knivar, dei vil eta dei hjelpelause ut av landet og dei fattige ut av folket.
- <sup>15</sup>Blodiglen har to døtrer: «Gjev» og «Gjev». Det finst tre som ikkje blir mette, fire som aldri seier «det er nok»:
- <sup>16</sup>dødsriket og det lukka morslivet, jorda, som alltid tørstar etter vatn, og elden, som aldri seier: «Det er nok.»
- <sup>17</sup>Eit auge som spottar far sin og nektar å lyda mor si, det skal ramnane ved bekken hakka ut og ørnungane eta opp.



- 18**Tre ting er for underfulle for meg, og fire skjønar eg ikkje:
- 19**ørns veg over himmelen, orms veg over berget, skips veg over havet og manns veg til ei ung kvinne.
- 20**Slik gjer ei utru kvinne: Ho et og tørkar seg om munnen og seier: «Eg har ikkje gjort noko gale.»
- 21**Tre ting får jorda til å skjelva, og fire kan ho ikkje tola:
- 22** ein tenar som blir konge, og ein dåre som får mat i overflod,
- 23**ei forakta kvinne som blir gift, og ei slavekvinne som trengjer husfrua si unna.
- 24**Fire små er det på jorda, endå er dei visast av dei vise:
- 25** Mauren er ikkje noko sterkt folk, endå legg han seg opp føde om sommaren.
- 26** Fjellgrevlingen er ikkje noko mektig folk, endå byggjer han seg bustad i berget.
- 27**Grashoppene har ingen konge, endå rykkjer dei fram i formasjon.
- 28**Firfisla kan ein fanga med hendene, endå bur ho i kongens slott.
- 29**Tre går med stolte steg, fire har ei vakker gonge:
- 30**løva, kjempa mellom dyra, som ikkje vik for nokon,
- 31**hanen som briskar seg, bukken først i flokken og kongen i spissen for sin hær.
- 32** Har du vore dum og gjort deg stor eller tenkt på det, så legg handa på munnen!
- 33**For trykk på mjølka gjev smør, trykk på nasen gjev blod, trykk på vreiden gjev strid.

## Ordtaka 31

### Sjette samlinga (31,1–9)

### Den gode kongen

- <sup>1</sup> Ord frå kong Lemuel, lærdom mor hans gav han.
- <sup>2</sup> Min son, du son som eg bar, min lovnads-son:
- <sup>3</sup> Gjev ikkje di kraft til kvinner, ditt liv til det som øydelegg kongar.
- <sup>4</sup> Det sømer seg ikkje for kongar, Lemuel, det sømer seg ikkje for kongar å drikka vin eller for fyrstar å trå etter sterk drikk.
- <sup>5</sup> Då vil dei drikka og gløyma lovboda og fordreia retten for alle undertrykte.
- <sup>6</sup> Men gjev sterk drikk til den som går til grunne, og vin til den som er bitter til sinns.
- <sup>7</sup> Lat han drikka og gløyma sin fattigdom så han ikkje meir hugsar si naud.
- <sup>8</sup> Lat opp din munn for den som ikkje sjølv kan tala, før saka for dei som held på å bukka under.
- <sup>9</sup> Lat opp din munn og døm rettferdig, lat hjelpelause og fattige få sin rett!

### Den gode kona

(31,10–31)

*Alef*

א

- <sup>10</sup> Ei dugande kone, kven finn vel henne? Langt meir enn perler er ho verd.

*Bet*

ב

- <sup>11</sup> Mannen lit på henne i sitt hjarte, og vinning manglar han ikkje.

*Gimel*

ג

- <sup>12</sup> Ho gjer berre godt mot han, ikkje noko vondt så lenge ho lever.

*Dalet*

ד

- <sup>13</sup> Ho skaffar seg ull og lin, hendene arbeider med liv og lyst.

*He*

ה

**14**Ho er som handelsskipa, ho skaffar mat langt bortanfrå.

*Waw*

ו

**15**Før det lysnar av dag, er ho oppe, gjev huslyden mat og set tenestejentene i arbeid.

*Zajin*

ז

**16**Ho ser seg ut eit jordstykke og kjøper det; for det ho har tent, plantar ho ei vinmark.

*Het*

ה

**17**Styrke er beltet ho har om livet, ho tek i med sterke armar.

*Tet*

ט

**18**Ho merkar at forretningane går godt, lampa hennar sloknar ikkje om natta.

*Jod*

י

**19**Ho legg hendene på rokken, og fingrane grip om teinen.

*Kaf*

כ

**20** Ho opnar handa for den som lid naud, retter hendene ut til den fattige.

*Lamed*

ל

**21**Kjem det snø, er ho ikkje redd for sine, for alle i huset har ekstra klede.

*Mem*

מ

**22**Ho lagar sine egne teppe, ho har klede av lin og purpur.

*Nun*

נ

**23** Mannen hennar er akta i byporten, der han sit med dei eldste i landet.

*Samek*

D

<sup>24</sup>Ho lagar linklede som ho sel, og sender belte til kjøpmannen.

*Ajin*

י

<sup>25</sup>Styrke og vørdnad er hennar klednad, ho ler mot komande dagar.

*Pe*

פ

<sup>26</sup> Ho opnar munnen med visdom, kjærleg rettleiing har ho på tunga.

*Tsade*

צ

<sup>27</sup> Ho ser etter korleis det går i huset, og et ikkje latskaps brød.

*Qof*

ק

<sup>28</sup>Borna stig fram og prisar henne lukkeleg, mannen gjev henne ros:

*Resj*

ר

<sup>29</sup>«Mange kvinner har vist at dei er dugande, men du overgår dei alle.»

*Sjin*

ש

<sup>30</sup>Ynde sviktar, og venleik forgår, men ei kvinne som fryktar Herren, skal ha ros.

*Taw*

ת

<sup>31</sup>Pris henne for frukta av arbeidet hennar, gjerningane skal gje henne ros i byens portar.

## Forkynnaren

### Forkynnaren 1

- 1** Ord av Forkynnaren, son til David og konge i Jerusalem.
- 2** Fåfengt, seier Forkynnaren, fåfengt og forgjengeleg – alt er fåfengt!
- 3** Kva har mennesket att for sitt strev, for alt det strevar med under sola?
- 4** Slekter går, og slekter kjem, men jorda er alltid den same.
- 5** Sola går opp, og sola går ned, så stundar ho attende til staden ho går opp.
- 6** Ho skin og går mot sør, så snur ho og går mot nord, medan vinden snur og skifter og tek til med rundgangen på nytt.
- 7** Alle elvar renn ut i havet, men havet blir ikkje fullt; dit elvane før har runne, held dei fram med å renna.
- 8** Alle ting går sin strevsame gang, menneskeord strekk ikkje til. Auget blir ikkje mett av å sjå, og øyret blir ikkje fullt av å høyra.
- 9** Det som har hendt, skal henda igjen, og det som vart gjort, skal gjerast på nytt. Ingen ting er nytt under sola.
- 10** Blir det sagt om noko: «Sjå, dette er nytt», har det likevel hendt i tidlegare tider, lenge før oss.
- 11** Ingen minnest det som hende før. Og det som skal koma, vil heller ingen hugsa i slektene som følgjer.

### Å gjeta vinden

- 12** Eg, Forkynnaren, var konge over Israel, i Jerusalem.
- 13** Eg la meg på hjartet å undersøkjja og granska med visdom alt som blir gjort under himmelen. Det er eit vondt strev Gud har gjeve menneska å plaga seg med.
- 14** Eg såg på kvar gjerning som blir gjord under sola. Sjå, alt er like fåfengt som å gjeta vinden!
- 15** Det som er krocket, kan ingen retta opp. Det som manglar, kan ingen telja.

<sup>16</sup> I hjartet mitt sa eg: Sjå, eg har vunne større visdom enn nokon som har styrt i Jerusalem før meg. Mykje har eg lært å kjenna av visdom og kunnskap.

<sup>17</sup> Eg la meg på hjartet å læra kva som er visdom, og kva som er dårskap og uforstand. Men eg fann at det òg var som å gjeta vinden.

<sup>18</sup> For med stor visdom følgjer mange sorger. Den som aukar sin kunnskap, aukar si smerte.

## Forkynnaren 2

### Kongens makt og rikdom

<sup>1</sup> Eg sa i hjartet mitt: Gå no, prøv gleda og nyt det som er godt! Men det òg var slikt som forgår.

<sup>2</sup> Om latteren sa eg: Han er ein narr, og om gleda: Kva tener ho til?

<sup>3</sup> Eg ville la kroppen nyta vin, medan hjartet styrte meg med visdom. Eg ville prøva dårskapen, heilt til eg skjøna kva som er godt for menneska den korte tida dei lever under himmelen.

<sup>4</sup> Så sette eg store ting i verk: Eg bygde hus og planta vinmarker,

<sup>5</sup> eg stelte til hagar og parkar og sette alle slag frukttre i dei.

<sup>6</sup> Eg bygde dammar til å vatna lundar med frodige tre.

<sup>7</sup> Eg kjøpte slavar og slavekvinner, eg hadde slavar som var fødde i mitt hus. Eg fekk meg meir storfe og småfe enn nokon hadde hatt før meg i Jerusalem.

<sup>8</sup> Eg samla meg sølv og gull, og kongelege skattar frå andre rike. Eg fekk meg songarar og songarinner og det som er ei lyst for menn, kvinner og atter kvinner.

<sup>9</sup> Eg vart stor i makt og rikdom, ja, større enn nokon som har levd i Jerusalem før meg. Men visdomen min heldt eg fast ved.

<sup>10</sup> Eg sa ikkje nei til noko av det auga ønskte; eg nekta meg inga glede. Hjartet gledde seg over alt mitt arbeid, og det var løna for mitt strev.

**11** Så vende eg blikket mot alt mine hender hadde gjort, alt eg hadde samla ved å arbeida. Og sjå, alt var like fåfengt som å gjeta vinden. Det er ingen ting å vinna under sola.

**12** Eg vende blikket mot visdom, mot uforstand og dårskap. Kva kan han gjera som kjem etter kongen? Ikkje anna enn det som er gjort før han.

**13** Eg såg at visdom er betre enn dårskap, slik lyset er betre enn mørkret.

**14** Den vise har auge i hovudet, men dåren går omkring i mørker. Men eg skjønna òg at slik det går med den eine, slik går det med begge.

**15** Og eg sa i hjartet mitt: Slik det går med dåren, skal det òg gå med meg. Så kva skal all min visdom tena til? Og eg svara i hjartet mitt: Det òg er slikt som forgår.

**16** For minnet om den vise lever ikkje lenger enn minnet om dåren. I dagane som kjem, er allting gløymt for lenge sidan. Ja, den vise må døy, han slik som dåren.

**17** Då hata eg livet, for det som hender under sola, plaga meg. Alt er like fåfengt som å gjeta vinden.

**18** Eg hata alt eg hadde arbeidd og streva med under sola. Alt må eg overlata til den som kjem etter meg.

**19** Kven veit om det blir ein vis eller ein dåre som skal rå over det eg har vunne med mitt arbeid og min visdom under sola? Dette òg er fåfengt.

**20** Då vart eg djupt fortvila i hjartet over alt eg har arbeidd og streva med under sola.

**21** For ein mann kan vinna mykje med visdom, kunnskap og dugleik, men må likevel gje det i arv til ein annan som ikkje har hatt noko strev med det. Det òg er fåfengt, ei ulukke er det.

**22** Kva har mennesket att for alt sitt arbeid, alt hjartet jagar etter, for alt det strevar med under sola?

<sup>23</sup> Alle dagar som mennesket får, er fulle av smerte, og alt det driv med, gjev det sorg. Ikkje eingong om natta fell hjartet til ro. Det òg er fåfengt.

### **Alt er ei gåve frå Gud**

<sup>24</sup> Ingen ting er betre for eit menneske enn å eta og drikka og unna seg gode dagar midt i alt sitt strev. Men eg fekk sjå at det òg kjem frå Guds hand.

<sup>25</sup> For kven kan eta og vera glad utan at det er gjeve av han?

<sup>26</sup> Ja, Gud gjev visdom, kunnskap og glede til den som er god i hans auge. Men den som syndar, gjev han strevet med å samla og sankar, og sidan må han gje alt saman til den som er god i Guds auge. Dette òg er fåfengt, det er som å gjeta vinden.

### **Forkynnaren 3**

#### **Alt har si tid**

<sup>1</sup> Alt har si tid, det er ei tid for alt som hender under himmelen:

<sup>2</sup> ei tid for å fødest, ei tid for å døy, ei tid for å planta, ei tid for å riva opp,

<sup>3</sup> ei tid for å drepa, ei tid for å lækja, ei tid for å riva ned, ei tid for å byggja,

<sup>4</sup> ei tid for å gråta, ei tid for å le, ei tid for å sørgja, ei tid for å dansa,

<sup>5</sup> ei tid for å kasta stein, ei tid for å samla steinar, ei tid for å ta i famn, ei tid for å la famntak vera,

<sup>6</sup> ei tid for å leita, ei tid for å mista, ei tid for å gøyma, ei tid for å kasta,

<sup>7</sup> ei tid for å riva sund, ei tid for å sy i hop, ei tid for å teia, ei tid for å tala,

<sup>8</sup> ei tid for å elska, ei tid for å hata, ei tid for krig og ei tid for fred.

<sup>9</sup> Kva har den som arbeider, att for alt sitt strev?

<sup>10</sup> Eg såg det vonde strevet som Gud har gjeve menneska.

<sup>11</sup> Alt gjorde han vakkert, kvar ting til si tid. Ja, alle tider har han lagt i hjartet deira. Likevel kan ikkje mennesket fatta det Gud har gjort frå den første tid til den siste.



**12** Eg skjøna at ingen ting er betre for dei enn å gleda seg og nyta det gode i livet.

**13** For når eit menneske får eta og drikka og har glede av alt han eig, er det òg ei gåve frå Gud.

**14** Eg skjøna at alt Gud gjer, står gjennom alle tider. Ingen kan leggja noko til, og ingen kan trekkja noko frå. Gud har gjort det slik for at menneska skal ha ærefrykt for han.

**15** Det som hender, har hendt før, og det som skal henda, har òg hendt. Gud søkjer opp att det som kvarv.

### **Alle går til same staden**

**16** Vidare såg eg under sola: På rettens stad rådde uretten, der rettferd skulle rå, rådde uretten.

**17** Då sa eg til hjartet mitt: Det er Gud som skal dømme den som gjer rett og den som gjer urett. Ja, han har fastsett ei tid for alle ting og for alt som blir gjort.

**18**I hjartet mitt sa eg om menneska: Gud prøver dei så dei sjølve kan sjå at dei er som dyr.

**19** For det går slik med mennesket som det går med dyra, den eine som den andre: Begge skal døy, same livsanden har dei alle. Mennesket har ingen fordel framfor dyra. For alt er forgjengeleg.

**20** Alle går til same staden. Av støv er alle komne, og til støv skal dei bli på nytt.

**21**Kven veit om menneskeånda stig opp, medan dyreånda fell mot jorda?

**22** Eg såg at ingen ting er betre enn at mennesket finn glede i gjerningane sine; dette er delen det har fått. For kven lèt mennesket sjå det som sidan skal koma?

## **Forkynnaren 4**

### **Urett og fåfengt slit**

<sup>1</sup> Igjen såg eg alle dei undertrykte, dei som lid urett under sola. Sjå, tårene rann på dei undertrykte, og det var ingen som trøysta dei. Handa til undertrykkjarane slo dei, og det var ingen som trøysta dei.

<sup>2</sup> Då sa eg: Dei døde er sælare enn dei levande, dei har det betre enn dei som enno lever.

<sup>3</sup> Men sælare enn begge er dei som aldri har levd og sett det vonde som blir gjort under sola.

<sup>4</sup> Eg såg at alt strev og all dugleik kjem av at den eine misunner den andre. Det òg er fåfengt, det er som å gjeta vinden.

<sup>5</sup> Dåren legg hendene i fanget og tærer på sitt eige kjøt.

<sup>6</sup> Betre ei handfull ro enn begge hender fulle av strev. Det er som å gjeta vinden.

<sup>7</sup> Igjen såg eg på det som er fåfengt under sola:

<sup>8</sup> Ein mann kan stå heilt åleine, utan både son og bror, og likevel er det ingen ende på alt hans strev; auga hans blir ikkje mette på rikdom. «Kven er det eg strevar for så eg nektar meg sjølv alt godt?» Dette òg er fåfengt og eit vondt slit.

### **Einsemd og fellesskap**

<sup>9</sup> Det er betre å vera to enn éin, dei får god løn for sitt strev.

<sup>10</sup> For om dei fell, kan den eine hjelpe den andre opp. Men stakkars den som er åleine! Når han fell, er det ingen som kan reisa han opp.

<sup>11</sup> Når to ligg saman, blir dei varme, men korleis kan den som ligg åleine, halda seg varm?

<sup>12</sup> Om éin blir overvunnen, kan to halda stand. Ein tretvinna tråd slitnar ikkje så fort.

### **Leiarar skifter**

<sup>13</sup> Det er betre med ein fattig unggut som er klok, enn ein gammal konge som er dum og ikkje meir har vit til å høyra på åtvaring.

<sup>14</sup>Ein som kom ut av fengselet, vart teken til konge, men enno medan han styrte, vart det fødd ein fattig gut.

<sup>15</sup>Eg såg korleis alle menneske som gjekk omkring under sola, gav seg i lag med denne nye som skulle ta kongens plass.

<sup>16</sup>Det var ingen ende på alt folket som han vart førar for. Men heller ikkje han vart til glede for dei som kjem etter. Dette òg er fåfengt, som å gjeta vinden.

### **Ver audmjuk for Guds andlet**

<sup>17</sup> Akta foten din når du går til Guds hus! Det er betre at du kjem dit og høyrer enn å bera fram offer slik dårane gjer; dei veit ikkje anna enn å gjera det vonde.

### **Forkynnaren 5**

<sup>1</sup> Ver ikkje for snar med munnen, og lat ikkje hjartet forhasta seg når du vil tala eit ord for Guds andlet. For Gud er i himmelen og du er på jorda, lat difor orda dine vera få!

<sup>2</sup> Med hardt slit følgjer tankespinn, med dårars tale følgjer mange ord.

<sup>3</sup> Når du gjev Gud ein lovnad, så dryg ikkje med å halda han. For Gud har ikkje glede i dårar. Hald det du har lova han!

<sup>4</sup> Det er betre at du ikkje gjev han lovnader, enn at du lovar og ikkje held ord.

<sup>5</sup> Lat ikkje munnen få deg til å synda, og sei ikkje til Guds sendebod: «Eg gjorde det av vanvare.» Kvifor vil du gjera Gud harm med orda dine, så han øydelegg det du har gjort?

<sup>6</sup> Midt i alle draumar, alt som er fåfengt, og alle ord: Ha ærefrykt for Gud!

### **Urett og rikdom**

<sup>7</sup> Ser du at fattigfolk blir undertrykte, at rett og rettferd blir krenkte i din provins, så undra deg ikkje over det! For den eine mektige vernar den andre, og over dei begge står andre med makt.

<sup>8</sup> Framfor alt er jord ein god ting, ein konge må sørgja for at jorda blir dyrka.

<sup>9</sup>Den som er glad i pengar, blir aldri mett på pengar. Den som elsker rikdom, får aldri vinning nok. Dette òg er fåfengt.

<sup>10</sup>Dess større eigeidom, dess fleire som skal leva av han. Kva gagn har eigaren av det, anna enn at han får meir å sjå på?

<sup>11</sup>Ein slave kan sova godt anten han har lite eller mykje å eta. Alt det den rike eig, tek natteroa frå han.

<sup>12</sup>Noko beiskt og vondt har eg sett under sola: Oppspart rikdom kan bli til ulukke for eigaren.

<sup>13</sup>Rikdomen kan gå tapt i uheldig handel, og når han får ein son, står han der med tomme hender.

<sup>14</sup>For slik som han kom frå mors liv, slik skal han venda attende, like naken som han kom. Ingen ting har han att for sitt arbeid, ingen ting kan han ta med når han fer.

<sup>15</sup>Det òg er beiskt og vondt: Slik som han kom, lyt han gå. Kva har han då att? Han har arbeidd for vind.

<sup>16</sup>Alle sine dagar må han eta i mørker, sorgfull, sjuk og sint.

<sup>17</sup>Høyr kva eg har funne: Det er rett og godt å eta og drikka og nyta det gode midt i alt arbeid og strev under sola, den korte tida Gud lèt mennesket leva. Det er den delen som mennesket har fått.

<sup>18</sup>Når Gud lèt eit menneske få rikdom og gods og gjev han lov til å nyta det, så han kan ta imot sin del og gleda seg over det han eig, då er det ei gåve frå Gud.

<sup>19</sup>Då tenkjer han ikkje på dagane som går, for Gud gjev han glede i hjartet.

## **Forkynnaren 6**

### **Svolt i sjela**

<sup>1</sup>Eitt som er vondt har eg sett under sola; det kviler tungt på menneska:

<sup>2</sup> Gud gjev ein mann både rikdom, gods og ære, så han ikkje manglar noko av alt det han ønskjer seg. Men Gud lèt han ikkje nytta noko av det, det blir ein framand som bruker det opp. Det er meiningslaust, ja, beiskt og vondt.

<sup>3</sup> Ein mann kan få hundre born og leva i mange år. Men kor lenge han så lever – om han ikkje har glede av alt det gode og ikkje eingong får ei gravferd, seier eg at det ufullborne fosteret har det gått betre med enn han.

<sup>4</sup> Fåfengt kjem det til verda, i mørker går det bort, og i mørker får det namnet sitt løynt.

<sup>5</sup> Sollyset har det ikkje sett og aldri kjent. Likevel kviler fosteret betre enn mannen.

<sup>6</sup> Sjølv om han levde i to gonger tusen år, fekk han ikkje nytta det gode i livet. Går ikkje alle til same staden?

<sup>7</sup> Mennesket strevar alltid for maten, men svolten i sjela blir aldri stilt.

<sup>8</sup> Kva fordel har den vise framfor dårar? Og kva hjelper det ein fattig å vita korleis han skal ferdast mellom menneska?

<sup>9</sup> Betre det auga ser enn det sjela trår etter. Det òg er fåfengt, det er som å gjeta vinden.

<sup>10</sup> Alt som er til, er nemnt med namn for lenge sidan, det er kjent på førehand kva eit menneske skal bli. Ingen kan føra sak mot den som er sterkare enn ein sjølv.

<sup>11</sup> Dess fleire ord, dess meir fåfengt! Kva gagn har mennesket av det?

<sup>12</sup> Ja, kven veit kva som er best for menneska her i livet, alle dei kortvarige dagane dei lever som ein skugge? Kven kan fortelja menneska kva som skal henda etter dei under sola?

## **Forkynnaren 7**

### **Kva er visdom?**

<sup>1</sup> Godt namn er betre enn fin salve, dødsdagen betre enn fødedagen.

<sup>2</sup>Betre enn å gå til festmåltid er det å gå til sørgjehus. For der endar alle menneske, det skal den som lever, leggja seg på hjartet.

<sup>3</sup>Sorg er betre enn latter; eit sorgfullt andlet kan gjera godt for hjartet.

<sup>4</sup>Dei vise har sitt hjarte i sørgjehuset, men dårane har hjartet i gledehuset.

<sup>5</sup>Det er betre å bli klaga av ein vismann enn å bli lovprisa av ein dåre.

<sup>6</sup>Som tornebuskar sprakar under gryta, slik lyder det når dåren ler. Dette òg er fåfengt.

<sup>7</sup>Utpressing gjer den vise til dåre, å la seg kjøpa øydelegg sjølv hjartet.

<sup>8</sup>Enden på ein ting er betre enn byrjinga, tolmod er betre enn hovmod.

<sup>9</sup>Ver ikkje for snar til å bli sint, for harmen bur i bringa på dårar.

<sup>10</sup>Sei ikkje: Kva kjem det av at alt var betre i gamle dagar enn no? Du spør ikkje slik om du er vis.

<sup>11</sup>Visdom er jamgod med ervd jord, ei vinning for alle som ser sola.

<sup>12</sup>Visdom gjev vern slik sølv gjev vern; å eiga visdom held ein mann i live.

<sup>13</sup> Sjå på det som Gud har gjort! Kven kan retta ut det han har krøkt?

<sup>14</sup> Er dagen god, så nyt han! Men er dagen vond, skal du tenkja på at det er Gud som har gjort det slik at den eine dagen kjem etter den andre, så menneska ikkje skal vita kva dagen som kjem, har med seg.

### **Klokt måtehald**

<sup>15</sup> Alt dette har eg sett i mine kortvarige levedagar. Den rettferdige kan gå til grunne sjølv om han lever rettferdig, og den urettferdige kan leva lenge trass i sin vondskap.

<sup>16</sup>Ver ikkje altfor rettferdig, og vis deg ikkje for klok! Kvifor vil du øydeleggja deg sjølv?

<sup>17</sup>Ver ikkje altfor urettferdig, og ver ikkje ein dåre! Kvifor vil du døy før tida?

<sup>18</sup>Det er godt at du held fast på det eine og heller ikkje slepper det andre. For den som har ærefrykt for Gud, skal lukkast med begge delar.

<sup>19</sup> Visdom gjer vismannen sterkare enn ti mektige menn i byen.

<sup>20</sup> Det finst ikkje eit rettferdig menneske på jorda som berre gjer godt og aldri syndar!

<sup>21</sup> Bry deg heller ikkje om alt det folk seier, elles kan det henda du må høyra at slaven din forbannar deg.

<sup>22</sup> Du veit då i hjartet ditt at du òg mang ein gong har forbanna andre.

### **Kven kan finna samanheng?**

<sup>23</sup> Alt dette ville eg prøva med hjelp av visdomen. Eg sa: Eg vil vinna visdom, men han var langt borte frå meg.

<sup>24</sup> Det som hender, er langt borte og djupt, djupt nede. Kven kan få tak i det?

<sup>25</sup> Eg vigde hjartet mitt til å granska og leita, til å søkja etter visdom og samanheng; eg ville skjønna at lovløyse er tåpeleg, at dårskap er vanvit.

<sup>26</sup> Då fann eg at beiskare enn døden er den kvinna som set snarer; hennar hjarte er eit garn og hendene lenkjer. Den som er god i Guds auge, slepp ifrå henne, men den som syndar, fangar ho.

<sup>27</sup> Sjå, dette fann eg, seier Forkynnaren, då eg la det eine til det andre og ville finna ein samanheng.

<sup>28</sup> Eg leita støtt, men fann han ikkje. Eit einaste menneske fann eg mellom tusen, men aldri fann eg ei kvinne mellom dei.

<sup>29</sup> Sjå, dette er det einaste eg har funne: Gud gjorde mennesket rakt og rett, men dei prøver så mange slag påfunn.

## **Forkynnaren 8**

### **Kongens ord og det veike mennesket**

<sup>1</sup> Kven er som den vise, ja, kven kan tyda det som hender? Visdomen lyser opp andletet til mennesket så det strenge draget mildnast.

<sup>2</sup> Gjer som kongen byd, du svor ved Gud å lyda han.

<sup>3</sup>Ver ikkje snar til å gå bort frå han, og ver ikkje med på ei dårleg sak! For kongen gjer alt det han vil.

<sup>4</sup>Kongens ord er lov, kven kan seia til han: «Kva gjer du?»

<sup>5</sup>Den som held bodet hans, røyner ikkje noko vondt; den vise kjenner i hjartet den rette tida og vegen.

<sup>6</sup>For allting som blir gjort, har si tid og sin veg, og det vonde som ventar på mennesket, kviler tungt på han.

<sup>7</sup>Han veit ikkje kva som skal henda. For kven kan seia han kva som skal skje?

<sup>8</sup>Ingen har makt over vinden så han kan halda han att. Og ingen rår for sin dødsdag. I krig slepp ingen fri, lovløyse bergar ikkje sin mann.

<sup>9</sup>Alt dette såg eg då eg merkte meg alt som skjer under sola, når eit menneske har makt over eit anna og gjer han skade.

<sup>10</sup>Vidare såg eg at urettferdige vart lagde i grava, medan dei som kom og gjekk frå den heilage staden, dei som hadde gjort det rette, vart gløymde i byen. Dette òg er fåfengt.

<sup>11</sup>Om dommen over vond gjerning ikkje straks blir sett i verk, får menneska mot til å gjera det vonde.

<sup>12</sup> For ein syndar kan gjera det vonde i mange år, og endå lèt Gud han leva lenge. Likevel skulle eg då vita at det går godt for dei som ottast Gud, fordi dei har ærefrykt for han,

<sup>13</sup> medan det ikkje lukkast for den urettferdige; livet hans blir stutt, kortvarig som ein skugge, fordi han ikkje ottast Gud.

<sup>14</sup> Det er noko meiningslaust som hender på jorda: Med somme rettfærdige går det som dei urettferdige fortener, og med somme urettferdige går det som dei rettfærdige fortener. Eg seier: Dette òg er fåfengt.

<sup>15</sup> Eg har lovprisa gleda, for det finst inga anna lukke for mennesket her under sola enn å eta og drikka og gleda seg. Dette får følgja han i strevet dei levedagane Gud gjev han under sola.



<sup>16</sup> Eg vigde hjartet mitt til å læra visdomen å kjenna og såg på det slitet og strevet som menneska har på jorda. Korkje dag eller natt hadde eg blund på auga,

<sup>17</sup> og eg såg at mennesket ikkje kan skjøna det Gud lèt henda, alt det som skjer under sola. Kor mykje han så strevar og granskar, finn han ikkje ut av det. Sjølv om den vise seier han skjønar, fattar han det endå ikkje.

## Forkynnaren 9

### Alle går same vegen

<sup>1</sup>Ja, alt dette la eg meg på hjartet for å granska om dei rettferdige og dei vise og deira gjerningar er i Guds hand. Ingen menneske kan vita kva som ligg framfor dei, om det er kjærleik eller hat.

<sup>2</sup>Ein og same enden får dei alle, den rettferdige og den urettferdige, den gode, den som er rein, og den som er urein, den som ber fram offer, og den som ikkje ofrar. Det går med den gode som med syndaren, med den som sver, og med den som er redd for å sverja.

<sup>3</sup>Dette er det vonde med alt som hender under sola, at det går like eins med alle; menneskehjartet er fullt av vondskap, uforstand har dei i sinnet så lenge dei lever, og sidan må dei fara til dei døde.

<sup>4</sup>For den som høyrer til mellom dei levande, er éin ting sikkert: Det er betre å vera ein levande hund enn ei daud løve.

<sup>5</sup>Dei levande veit at dei skal døy, men dei døde veit ingen ting. Dei har inga løn i vente, for minnet om dei er gløymt.

<sup>6</sup>Det er slutt med kjærleiken deira for lenge sidan, med både hatet og misunninga deira. Aldri meir skal dei få del i alt det som hender under sola.

<sup>7</sup>Så gå og et ditt brød med glede, og drikk din vin med glede i hjartet! For Gud har alt sagt ja til det du gjer.

<sup>8</sup>Ha alltid kvite festklede på, lat oljen flyta over hovudet ditt!

<sup>9</sup>Nyt livet med kvinna du elsker, alle dine kortvarige levedagar, dei som Gud gjev deg under sola, ja, alle dine kortvarige dagar. For dette er din del i livet, midt i alt strevet og arbeidet under sola.

<sup>10</sup>Alt du kan gjera med hendene, gjer det med den krafta du har. For i dødsriket, dit du går, er det korkje gjerning eller tanke, korkje kunnskap eller visdom.

<sup>11</sup>Vidare såg eg under sola: Det er ikkje dei raske som vinn løpet, ikkje dei djerne som sigrar i krig, ikkje dei vise som får brød, ikkje dei vituge som blir rike, ikkje dei duglege som finn velvilje, for tida og ulukka råkar dei alle.

<sup>12</sup>Ja, mennesket veit ikkje når tida er komen. Slik fisken blir fanga i det vonde garnet, slik fuglen går seg fast i snara, slik blir menneska fanga av ei ulukketid, brått kjem ulukka over dei.

### **Den fattige vismannen**

<sup>13</sup>Eg har òg sett noko anna om visdomen under sola, og det har overvelda meg:

<sup>14</sup>Det var ein liten by, og det budde nokre få der. Ein mektig konge kom mot han, kringsette byen og bygde store vollar mot han.

<sup>15</sup>Der i byen fanst det ein mann som var fattig, men vis. Det var han som berga byen med sin visdom. Likevel var det ingen som hugsa denne fattige mannen.

<sup>16</sup>Då sa eg: Visdom er betre enn styrke; men visdomen til den fattige blir sedd ned på, ingen høyrer på orda hans.

### **Ordtak om visdom og dårskap**

<sup>17</sup>Lågmælte ord frå den vise høyrer betre enn ropet frå herskaren mellom dårar.

<sup>18</sup>Visdom er betre enn krigsvåpen, men éin som trør gale, kan øydeleggja mykje godt.

## **Forkynnaren 10**



- <sup>1</sup>Daude fluger får salveblandarens olje til å stinka og bobla, eit grann dårskap veg meir enn visdom og ære.
- <sup>2</sup>Den vises hjarte fører rette vegen, men dårens tanke fører gale av stad.
- <sup>3</sup>Sjølv når dåren ferdast på gata, manglar han vit. Han kunngjer for alle at han er dum.
- <sup>4</sup>Om herskaren blir harm på deg, så gå ikkje frå plassen din; sinnsro kan hindra store feilsteg.
- <sup>5</sup>Ein uting har eg sett under sola, eit mistak av den som sit med makta:
- <sup>6</sup>Dårskap vart sett i høgsetet, medan rikfolk sat nedst ved bordet.
- <sup>7</sup>Eg såg slavar til hest og fyrstar til fots lik slavar.
- <sup>8</sup>Den som grev ei grav, kan sjølv falla nedi; den som riv eit grensegjerde, kan bli biten av ein orm.
- <sup>9</sup>Den som bryt stein, kan skada seg. Den som kløyver trestammar, kan koma i fare.
- <sup>10</sup>Når øksa ikkje bit og egga er uslipt, må han bruka dess større kraft. Men den duglege veit å bruka visdomen sin.
- <sup>11</sup>Om ormen hogg før maningsord er sagt, kva gagn har manaren då av si kunst?

### **Dåren bruker mange ord**

- <sup>12</sup>Ord frå den vises munn vinn velvilje, men dårens lepper gjev han forderving.
- <sup>13</sup>Han byrjar med å tala dårskap, og han sluttar av med det reine vanvitet.
- <sup>14</sup>Ja, dåren bruker mange ord. Mennesket veit ikkje kva som skal henda. Kven kan fortelja han kva som kjem til å henda når han er borte?
- <sup>15</sup>Dåren masar så han blir trøytt, han som ikkje eingong veit vegen til byen.
- <sup>16</sup>Ve deg, du land som har eit barn til konge og stormenn som held gilde når morgonen gryr.

<sup>17</sup>Lukkeleg er du land som har ein høgætta konge og stormenn som held måltid i rett tid, som staute menn og ikkje som drankarar.

<sup>18</sup>Der latskapen rår, sig takbjelkane ned, og sit ein med hendene i fanget, dryp det inn i huset.

<sup>19</sup> Folk held fest for å mora seg, og vinen gjev glede i livet, men pengar er svaret på alt.

<sup>20</sup> Ikkje eingong i tankane skal du forbanna ein konge. Sjølv ikkje i soverommet må du forbanna ein som er rik. For fuglane under himmelen ber lyden av stad, dei som har venger, fortel kva du har sagt.

## **Forkynnaren 11**

### **Del det du har**

<sup>1</sup> Kast ditt brød på vatnet, for med tida skal du finna det att.

<sup>2</sup> Del det du har, med sju eller åtte; for du veit ikkje kva for ulukke som kan henda på jorda.

<sup>3</sup> Når skyene blir fulle av regn, auser dei det ut over jorda. Fell eit tre, mot sør eller nord, blir det liggjande på staden der det fall.

<sup>4</sup> Den som aktar på vinden, får ikkje så, den som kikkar på skyene, får ikkje hausta.

<sup>5</sup> Like lite som du veit korleis vinden blæs og beina blir til i mors liv, like lite kan du skjønna Guds gjerningar, han som gjer alle ting.

<sup>6</sup> Så ditt såkorn om morgonen, og lat ikkje handa kvila mot kveld. Du veit då ikkje kva som vil lukkast, det eine eller det andre, eller om begge delar er like gode.

### **Gled deg**

<sup>7</sup> Lyset gjer godt, det er ein fryd for auget å sjå sola.

<sup>8</sup> Om mennesket får leva i mange år, skal det gleda seg over dei alle, men òg tenkja på dei mørke dagane, for av dei blir det mange. Alt som kjem, er forgjengeleg.

<sup>9</sup> Gled deg, du ungdom, medan du er ung, ver glad og fornøgd i livsvåren! Gå på dei vegane hjartet vil, følg det som lokkar ditt auge! Men vit at for alt som du gjer, skal Gud krevja deg til rekneskap.

<sup>10</sup> Få bort det som piner hjartet, og det som plagar kroppen! For barndom og ungdom er som ein pust.

## Forkynnaren 12

### Tenk på din skapar

<sup>1</sup> Tenk på din skapar i ungdoms år, før dei vonde dagane kjem, før dei åra kjem då du må seia: «Eg har inga glede av dei»,

<sup>2</sup> før sol og dagslys, måne og stjerner blir mørke og skyene kjem att etter regnet.

<sup>3</sup> Då skjelv tenarane i huset, dei sterke mennene blir krokete. Kvinnene som mel på kverna, held opp, for dei har vorte så få; og det mørknar for jentene som ser ut gjennom gluggane.

<sup>4</sup> Begge dørene mot gata blir stengde, og duren frå kverna blir døyvd. Ein står opp til fuglekvitte, men alle songens døtrer stilnar.

<sup>5</sup> Då ottast ein for kvar bakke, og farar lurar på vegen. Mandeltreet blømer, grashoppa slepar seg fram, og kapersfrukta brest medan mennesket går til sin siste bustad; dei som skal gråta, er alt på gata.

<sup>6</sup> Ja, tenk på din skapar før sølvsnora slitnar og gullskåla brest, før krukka går sund attmed kjelda og hjulet brotnar og fell i brønnen,

<sup>7</sup> når støvet vender attende til jorda som det støvet det var, og ånda går til Gud, som gav henne.

<sup>8</sup> Fåfengt og forgjengeleg, seier Forkynnaren, ja, alt er forgjengeleg!

### Sluttord

<sup>9</sup> Forkynnaren var ikkje berre vis, han gav òg folket kunnskap. Han grunda og granska og laga mange ordtak.

**10** Forkynnaren la vinn på å finna gode ord og vendingar og skreiv ned det som er rett og sant.

**11** Ord av vismenn er som broddar, fyndord i samling er som naglar sette inn av ein gjetar.

**12** Men elles, son min, ta deg i vare: Det er ingen ende på dei bøkene som blir skrivne, og mykje gransking gjer kroppen trøytt.

**13** Dette er summen av alt du har høyrte: Ottast Gud og hald hans bod! Dette er det som alle menneske har fått.

**14** For Gud skal dømme kvar gjerning, halda dom over alt som er løynt, anten det er godt eller vondt.



## Høgsongen

### Høgsongen 1

<sup>1</sup>Songen over songane, av Salomo.

*Ho*

<sup>2</sup>Å, om han ville kyssa meg med kyss av sin munn! Kjærleiken din er betre enn vin.

<sup>3</sup>Angen av oljane dine er herleg, namnet ditt blir aust ut som olje. Difor likar jentene deg.

<sup>4</sup>Ta meg med! Lat oss springa! Kongen har ført meg inn i sine rom. Lat oss jubla og gleda oss over deg, lat oss prisa din kjærleik høgare enn vin. Med rette likar dei deg.

<sup>5</sup> Svart er eg, men søt, de Jerusalems døtrer, svart som Kedars telt, som Salomos teltdukar.

<sup>6</sup>Sjå ikkje på at eg er så svart, at sola har brent meg. Sønene til mor mi var harde mot meg, dei sette meg til å vakta vinmarkene. Mi eiga vinmark har eg ikkje vakta.

<sup>7</sup>Sei meg, du som eg elsker, kvar gjeter du? Kvar kviler du ved middagstid? Kvifor skulle eg gå som ei kvinne med slør der venene dine gjeter sauene?

*Han*

<sup>8</sup>Om du ikkje veit det, du vakraste av kvinner, følg spora etter flokken og gjet kjea dine innmed gjetarhyttene!

<sup>9</sup>Eg vil likna deg med ei hoppe mellom faraos vogner, mi kjære.

<sup>10</sup>Fine er kinna dine mellom perlesnorene, halsen din med kjede rundt.

<sup>11</sup>Snorer av gull skal vi laga deg, med sølvperler på.

*Ho*

<sup>12</sup> Når kongen er hos meg, angar nardussalven min.

<sup>13</sup> Kjærasten min er ein myrrakvist, han overnattar mellom brysta mine.

<sup>14</sup> Kjærasten min er ein klase hennablomar på En-Gedis vinmarker.

*Han*

<sup>15</sup> Så vakker du er, mi kjære! Så vakker du er! Auga dine er duer!

*Ho*

<sup>16</sup> Så vakker du er, kjærasten min, så god, og vårt leie så grønt!

<sup>17</sup> Sedrar er bjelkar i vårt hus, sypressar er tak og himling.

## **Høgsongen 2**

<sup>1</sup> Eg er blomen frå Saron, lilja i dalen.

*Han*

<sup>2</sup> Som ei lilje mellom tistlar, slik er mi kjære mellom døtrene.

*Ho*

<sup>3</sup> Som ein apal mellom trea i skogen, slik er kjærasten min mellom sønene. Å sitja i skuggen hans er ei nyting, hans frukt er søt for ganen.

<sup>4</sup> Inn i vinhuset har han ført meg, hans merke over meg er kjærleik.

<sup>5</sup> Styrk meg med rosinkaker, kveik meg med eple! For eg er sjuk av kjærleik.

<sup>6</sup> Venstre armen hans er under hovudet mitt, med den høgre held han rundt meg.

<sup>7</sup> Eg bed dykk, de Jerusalems døtrer, ved gasellane eller ved hindene i marka: Uroa ikkje kjærleiken! Vekk han ikkje før han sjølv vil!

<sup>8</sup> Høyr, det er kjærasten, der kjem han, springande over fjell, hoppande over haug.

<sup>9</sup> Kjærasten liknar ein gasell, ein ung hjort. Der står han bak muren vår. Han gløtter inn gjennom vindauga, kikkar inn gjennom gitteret.

<sup>10</sup> Kjærasten tek til orde og seier:

*Han*

Stå opp, mi kjære, mi vakre jente, og kom!

<sup>11</sup> No er vinteren over, regnet er forbi, det er borte.

<sup>12</sup> Landet blir dekt av blomar. Songtida er her, turteldua kan høyrast i landet.



<sup>13</sup>Frukta på fikentreet mognar, og blomen på vinstokken angar. Stå opp, mi kjære, mi vakre jente, og kom!

<sup>14</sup>Mi due i fjellkløfta, i livd under bratte berg, lat meg få sjå deg, lat meg få høyra røysta di! For røysta er mjuk og skapnaden vakker.

*Koret*

<sup>15</sup>Fang revane for oss, dei små revane som øydelegg vinmarkene. For vinmarkene våre står i blom.

*Ho*

<sup>16</sup>Kjærasten er min, og eg er hans, han som gjeter mellom liljene.

<sup>17</sup>Heilt til dagen blæs skuggane bort, spring som gasellen, kjærasten min, som ein ung hjort over kløfter og fjell!

### Høgsongen 3

<sup>1</sup>Om natta leita eg på leiet etter han som eg elsker. Eg leita, men fann han ikkje.

<sup>2</sup>«Eg vil opp og gå omkring i byen på gater og torg. Eg vil leita etter han som eg elsker.» Eg leita, men fann han ikkje.

<sup>3</sup>Vektarane som gjekk omkring i byen, fann meg. «Har de sett han som eg elsker?»

<sup>4</sup>Eg hadde ikkje før gått frå dei, så fann eg han som eg elsker. Eg tok tak i han og sleppte han ikkje før eg fekk han inn i huset til mor mi, i rommet til henne som fødde meg.

<sup>5</sup>Eg bed dykk, de Jerusalems døtrer, ved gasellane eller ved hindene i marka: Uroa ikkje kjærleiken! Vekk han ikkje før han sjølv vil!

*Koret*

<sup>6</sup>Kven er ho som stig opp frå ørkenen som røyksøyler, omfløynd av angande myrra og røykjelse, av alt krydder ein kan få kjøpt?

<sup>7</sup>Der er senga til Salomo! Seksti heltar omgjev henne, seksti av Israels heltar,

<sup>8</sup> alle væpna med sverd, røynde i strid. Ved hofta ber kvar mann sverd mot redslene i natta.

<sup>9</sup> Kong Salomo laga seg ei bereseng av tre frå Libanon.

<sup>10</sup> Stolpane gjorde han av sølv, baldakinen av gull, og madrassen kledde han med purpur. Innsida er sydd saman av kjærleik frå Jerusalems døtrer.

<sup>11</sup> Kom ut, Sions døtrer! Sjå på kong Salomo, på krona som mor hans krona han med på bryllaupsdagen, den dagen som glede hans hjarte.

## Høgsongen 4

*Han*

<sup>1</sup> Så vakker du er, mi kjære! Så vakker du er! Auga dine er duer bak sløret! Håret ditt er som ein geiteflokk, strøymande nedover Gileads fjell.

<sup>2</sup> Tennene dine er som nyklipte sauer som kjem frå vask. Tvillingar har dei alle, og ingen har mista eit lam.

<sup>3</sup> Leppene dine er som skarlaksband, og munnen din er herleg. Som ei skive av eit granateple er tinningen bakom sløret.

<sup>4</sup> Halsen din er som Davidstårnet, mura av hoggen stein. Tusen skjold heng på det, alle rundskjolda til heltane.

<sup>5</sup> Brysta dine er som to gasellkalvar, tvillingar som beiter mellom liljene.

<sup>6</sup> Heilt til dagen blæs skuggane bort, går eg til myrrafjellet og til røykjelseshaugen.

<sup>7</sup> Alt hos deg er vakkert, mi kjære, du er utan feil.

<sup>8</sup> Kom med meg frå Libanon, kom med meg, mi brur! Stig ned frå toppen av Amana, frå toppen av Senir og Hermon, frå løvehøler, frå leopardfjell.

<sup>9</sup> Du har fanga mitt hjarte, mi syster, mi brur. Du har fanga mitt hjarte med eit einaste augnekast, med ei einaste lenkje frå din hals.

<sup>10</sup> Så vakker din kjærleik er, mi syster, mi brur! Kjærleiken din er betre enn vin, angen av oljane dine betre enn alle urter!

**11** Frå leppene dine dryp finaste honning, mi brur. Honning og mjølk er under di tunge. Angen av kleda dine er som angen frå Libanon.

**12** Ein stengd hage er mi syster, mi brur, ein stengd hage, ei forseгла kjelde.

**13** Vokstrane dine er ein paradishage av granateple og herleg frukt, hennabuskar og nardusplanter,

**14** nardus, safran, kalmus, kanel og alle slag røykjelsestre, myrra, aloe, alle dei finaste urter.

**15** Du er kjelda i hagen, ei oppkome med levande vatn strøymande frå Libanon.

**16** Vakna, nordavind! Kom, sønnavind! Blås gjennom hagen min så urteangen fritt får strøyma.

*Ho*

Å, om kjærasten min ville koma til hagen og eta herleg frukt!

## Høgsongen 5

*Han*

**1** Eg kjem til min hage, mi syster, mi brur, og plukkar myrra og urter. Eg et av mi bikake og min honning og drikk min vin og mi mjølk.

*Koret*

Et, vener! Drikk dykk fulle på kjærleik!

*Ho*

**2** Eg søv, men hjartet vaker. Høyr, kjærasten bankar på.

*Han*

Lat opp for meg, mi syster, mi kjære, mi due, mi fullkomne. Hovudet mitt er dekt av dogg, håret mitt av nattedropar.

*Ho*

**3** Eg har teke av meg kjolen, skal eg ta han på att? Eg har vaska føtene mine, skal eg skitna dei til att?

**4** Kjærasten stakk handa inn gjennom luka, fekk magen min til å sitra.

<sup>5</sup>Eg stod opp, ville opna for kjærasten. Hendene draup av myrra, det rann frå fingrane over handtaket på dørslåa.

<sup>6</sup>Eg opna for kjærasten, men han hadde fare sin veg. Eg var heilt ifrå meg, han var borte. Eg leita etter han, men fann han ikkje; eg ropa på han, men han svara ikkje.

<sup>7</sup>Vektarane som gjekk omkring i byen, fann meg. Dei skamslo meg, reiv sjalet av meg, vektarane på murane.

<sup>8</sup>Eg bed dykk, de Jerusalems døtrer, om de finn kjærasten min, fortel han at eg er sjuk av kjærleik.

*Koret*

<sup>9</sup>Kva skil kjærasten din frå andre, du vakraste mellom kvinner? Kva skil kjærasten din frå andre, sidan du bed oss så inderleg?

*Ho*

<sup>10</sup>Kjærasten min er raudkinna og skinande, han skil seg ut mellom ti tusen menn.

<sup>11</sup>Hovudet hans er skiraste gull, håret er krøllete, svart som ramnen.

<sup>12</sup>Auga er som duer ved strøymande vatn. Dei laugar seg i mjølk, dei kviler i si ramme.

<sup>13</sup>Kinna hans er som kryddersenger der angande urter veks. Leppene er liljer, dei dryp av rennande myrra.

<sup>14</sup>Armane er stavar av gull, sette med krysolitt. Magen er ei plate av elfenbein, overstrødd med safirar.

<sup>15</sup>Føtene er marmorsøyler, reiste på soklar av gull. Hans skapnad er som Libanon, staseleg som sedrane der.

<sup>16</sup>Ganen smakar søtt, alt ved han gjev glede. Slik er min kjære, slik er kjærasten, de Jerusalems døtrer.

## Høgsongen 6

*Koret*

<sup>1</sup>Kvar er kjærasten din faren, du vakraste mellom kvinner? Sei, kvar har kjærasten teke vegen, vi vil hjelpa deg å leita.

*Ho*

<sup>2</sup>Kjærasten gjekk ned til hagen sin, til angande urtesenger. Han ville gjeta i hagane og plukka liljer.

<sup>3</sup>Kjærasten er min, og eg er hans, han som gjeter mellom liljene.

*Han*

<sup>4</sup>Du er vakker som Tirsa, mi kjære, praktfull som Jerusalem, farleg som ein hær under banner.

<sup>5</sup>Vend auga dine bort, dei hærtek meg. Håret ditt er som ein geiteflokk, strøymande nedover Gilead.

<sup>6</sup>Tennene dine er som nyklipte sauer som kjem frå vask. Tvillingar har dei alle, og ingen har mista eit lam.

<sup>7</sup>Som skiva av eit granateple er tinningen bakom sløret.

<sup>8</sup>Seksti dronningar er det, åtti følgjekoner og unge jenter utan tal.

<sup>9</sup>Berre éi er mi due, mi fullkomne, den einaste for mor si, elska av henne som fødde henne. Døtrene ser henne og prisar henne sæl, dronningar og følgjekoner hyllar henne.

*Koret*

<sup>10</sup> Kven er ho som strålar lik morgonrøden, vakker som månen, klår som sola, farleg som ein hær under banner?

*Han*

<sup>11</sup>Eg gjekk ned til nøttehagen, ville sjå kor det grønkast i dalen, om vinstokken hadde sett nye skot, om granataplane blømde.

<sup>12</sup>Eg kjende ikkje meg sjølv, det var som stod eg på mitt folks vogner som hovding.

*Koret*

<sup>13</sup> Snu deg, snu deg, du jente frå Sjulam! Snu deg, snu deg, så vi får sjå deg!

*Han*

Kvifor vil de sjå på jenta frå Sjulam der ho dansar mellom rekkjene?

### Høgsongen 7

<sup>1</sup>Så vakkert du stig i sandalar, du hovdingdotter! Hoftene dine rundar seg som ei sølje, smidd av kunstnarhand.

<sup>2</sup>Navlen din er ei rund skål, måtte han aldri mangla vin! Magen er ein kveiteåker kranse inn av liljer.

<sup>3</sup>Brysta dine er som to kalvar, tvillingar til ein gasell.

<sup>4</sup>Halsen din er som eit elfenbeinstårn, auga som dammane i Hesjbon ved Bat-Rabbim-porten. Nasen er som Libanon-tårnet som ser mot Damaskus.

<sup>5</sup>Hovudet kronar deg som Karmel, håret skimrar som purpur. Kongen er fanga i lokkane.

<sup>6</sup>Så vakker du er, så nydeleg, du som eg elsker, full av lyst!

<sup>7</sup>Du er høg som palmen, og brysta dine er som drueklasar.

<sup>8</sup>Eg seier: Eg skal opp i den palmen, gripa tak i dei greinene. Brysta dine skal vera som klasane på vinstokken, din ande som angen av eple

<sup>9</sup>og ganen som den finaste vin,

*Ho*

som lett går ned hos kjærasten min,

*Han*

som glir over leppene mine og tennene!

*Ho*

<sup>10</sup> Eg høyrer kjærasten til, og til meg står hans trå.

<sup>11</sup> Kom, kjærasten min! Lat oss gå ut på marka! Vi overnattar mellom hennabuskar.

<sup>12</sup>Ved daggry går vi til vinmarkene, ser om vinstokken har sett nye skot, om blomeknoppene har opna seg, om granataplane blømer. Der vil eg gje deg min kjærleik.

<sup>13</sup> Kjærleiksepla angar, ved døra heng alle slag herleg frukt, både nyplukka og tørka. Kjærasten min, eg har gøymt dei til deg.

## Høgsongen 8

<sup>1</sup>Var du som ein bror for meg, ein som mor mi hadde amma, då ville eg ha kyst deg når vi møttest ute, og ingen hadde forakta meg.

<sup>2</sup>Så leidde eg deg til huset åt mor mi, ho som hadde fostra meg. Eg skulle skjenkt deg krydra vin og saft av granatepla mine.

<sup>3</sup>Venstre armen hans er under hovudet mitt, med den høgre held han rundt meg.

<sup>4</sup>Eg bed dykk, de Jerusalems døtrer! Kvifor uroar de kjærleiken, kvifor vekkjer de han før han sjølv vil?

*Koret*

<sup>5</sup>Kven er ho som stig opp frå ørkenen, stødd til kjærasten?

*Ho*

Under apalen vekte eg deg, der mor di hadde rier, der ho fødde deg.

<sup>6</sup>Set meg som eit segl på hjartet ditt, eit stempel på armen din! For kjærleiken er sterk som døden, lidenskapen ubøyeleg som dødsriket. Han brenn som logande eld, ein Herrens loge.

<sup>7</sup>Veldige vatn sløkkjer ikkje kjærleiken, elvar skyl han ikkje bort. Om nokon gjev alt han eig for å kjøpa kjærleik, blir han berre til lått.

*Koret*

<sup>8</sup>Vi har ei lita syster som ikkje har bryst. Kva skal vi gjera med syster vår den dagen ho blir lova bort?

<sup>9</sup>Er ho ein mur, vil vi byggja tindar av sølv på han. Er ho ei dør, vil vi sperra henne med ein sederplanke.

*Ho*

<sup>10</sup>Eg var ein mur, og brysta mine som tårn; framfor hans auge har eg vorte lik ei som finn fred.

**11** Salomo hadde ei vinmark i Baal-Hamon. Han gav vinmarka bort til paktarane, kvar av dei skulle gje han tusen sølvpenngar for frukta.

**12** Mi vinmark er berre mi, den rår eg over sjølv. Dei tusen er dine, Salomo, to hundre er til dei som vaktar frukta.

*Han*

**13** Du jente som held til i hagane, venene lyder på di røyst. Lat meg få høyra henne!

*Ho*

**14** Fly, kjærasten min, ver som ein gasell, som ein ung hjort over fjell med angande urter!





## Jesaja

### Jesaja 1

<sup>1</sup> Syn som Jesaja, son til Amos, såg om Juda og Jerusalem i dei dagane då Ussia, Jotam, Ahas og Hiskia var kongar i Juda.

#### Klage over Israel

<sup>2</sup> Høyr, de himlar og lytt, du jord, for Herren talar: Born har eg fostra og oppdrege, men dei har sett seg opp imot meg.

<sup>3</sup> Ein okse kjenner eigaren sin, eit esel krubba til herren sin. Men Israel kjenner ikkje, folket mitt forstår ikkje.

<sup>4</sup> Ve det syndige folket, eit folk tungt av skuld, ei slekt som handlar vondt, born som øydelegg! Dei har forlate Herren, forakta Israels Heilage og vendt ryggen til han.

<sup>5</sup> Har de ikkje fått nok slag? Gong på gong fell de frå. Kvart hovud er skadd, og kvart hjarte er sjukt.

<sup>6</sup> Frå hovud til hæl er ingenting heilt, flengjer og skrammer og opne sår, ikkje reinsa, ikkje forbundne, ikkje bløyte opp med olje.

<sup>7</sup> Landet dykkar ligg øyde, byane er brende, framande et opp jorda rett framfor auga på dykk. Det er audt som når framande har øydelagt.

<sup>8</sup> Berre dotter Sion er att som ei lauvhytte i ein vingard, som eit vaktskjul på ei agurkmark, som ein kringsett by.

<sup>9</sup> Hadde ikkje Herren over hærskarane late nokre få av oss leva, då var vi som Sodoma, då likna vi på Gomorra.

#### Offer og urett

<sup>10</sup> Høyr Herrens ord, de Sodoma-hovdingar! Lytt til vår Guds lov, du Gomorra-folk!

<sup>11</sup> Kva skal eg med alle desse slaktoffera dykkar? seier Herren. Eg er mett på brennoffer av vêrar og på feitt av gjøkalvar. Blod av oksar og bukkar og lam har eg ikkje lyst på.

**12** Kven krev slikt av dykk når de kjem og viser dykk for mitt andlet? De trakkar ned føregardane mine.

**13** Kom ikkje meir med unyttige gåver! Eg avskyr offerryken. Nymåne og sabbat, kunngjering av høgtider – eg toler ikkje urett og høgtid.

**14** Eg hatar nymånedagane og høgtidene dykkar. Dei er ei bør eg er trøyt av å bera.

**15** Når de lyfter hendene, lèt eg att auga for dykk. Same kor mykje de bed, høyrer eg ikkje. Hendene dykkar er fulle av blod.

**16** Vask dykk, gjer dykk reine! Få dei vonde gjerningane bort frå auga mine, hald opp med å gjera vondt,

**17** lær å gjera godt! Søk det som er rett, hjelp den undertrykte, ver forsvarar for farlause, før enkjers sak!

#### **Guds tilbod om nåde**

**18** Kom, lat oss gjera opp vår sak! seier Herren. Om syndene dykkar er som purpur, skal dei bli kvite som snø, om dei er raude som skarlak, skal dei bli kvite som ull.

**19** Dersom de er villige og lydige, skal de få eta det gode i landet.

**20** Men er de uvillige og trassige, skal de fortærast av sverd. For Herrens munn har tala.

#### **Jerusalem skal reinsast**

**21** Å, at den trufaste byen skulle bli ei hore! Han var full av rett, rettferd budde der, men no – mordarar!

**22** Sølvet ditt har vorte til slagg, vinen din blanda med vatn.

**23** Stormennene dine er opprørarar, dei held lag med tjuvar. Alle elsker stikkpengar og jagar etter gåver. Dei forsvarar ikkje den farlause og fører ikkje enkjers sak.

**24** Difor seier Herren, allhørs Herre, Israels Mektige: Ve, eg vil ta igjen med motstandarane mine og hemna meg på fiendane!

<sup>25</sup> Eg vil lyfta handa mot deg, reinsa ut slagget ditt med lut og skilja ut alt bly.

<sup>26</sup> Eg vil igjen gje deg dommarar som i gamle dagar og rådgjevarar som i den første tida. Sidan skal du kallast Den rettferdige og trufaste byen.

<sup>27</sup> Ved rett skal Sion løysast ut, ved rettferd dei som vender om.

<sup>28</sup> Men svikarar og syndarar skal knusast, dei som forlèt Herren, skal gå til grunne.

<sup>29</sup> De får skam av eikene som de var så glade i, og vanære av hagane som de likte så godt.

<sup>30</sup> De skal bli som ei eik med visne blad, som ein hage utan vatn.

<sup>31</sup> Den sterke skal bli til halm og verket hans til ein gneiste, saman skal dei brenna utan at nokon sløkkjer.

## Jesaja 2

### Herrens tempelberg

<sup>1</sup> Ordet som Jesaja, son til Amos, såg om Juda og Jerusalem:

<sup>2</sup> I dei siste dagar skal det skje at Herrens tempelberg skal stå urokkeleg som det høgaste av fjella og raga over høgdene. Dit skal alle folkeslag strøyma.

<sup>3</sup> Mange folk skal dra av stad og seia: «Kom, lat oss gå opp til Herrens fjell, til huset åt Jakobs Gud, så han kan læra oss sine vegar og vi kan ferdast på hans stigar. For lov skal gå ut frå Sion, Herrens ord frå Jerusalem.»

<sup>4</sup> Han skal dømme mellom folkeslag og skifta rett for mange folk. Dei skal smi sverda om til plogskjer og spyda til vingardsknivar. Folk skal ikkje lyfta sverd mot folk, ikkje lenger lærast opp til krig.

<sup>5</sup> Kom, Jakobs hus, lat oss vandra i Herrens lys!

### Herrens dag

<sup>6</sup> Du har forkasta folket ditt, Jakobs hus. For der er det fullt av spådomar og av teikntydarar, som hos filistrane, overalt er det framande.

<sup>7</sup>Landet er fullt av sølv og gull, overalt er det skattkammer. Landet er fullt av hestar, overalt er det vogner.

<sup>8</sup>Landet er fullt av avgudar, folk tilbed noko dei sjølv har laga med sine eigne hender og fingrar.

<sup>9</sup>Mennesket er bøygd, kvar mann er forneda. Tilgjev dei ikkje!

<sup>10</sup> Gå inn i fjellet, gøym deg i jorda for redsla som Herren vekkjer, for hans stordom og velde!

<sup>11</sup> Den stolte må slå auga ned, hovmodet hos menn skal bøyast. Herren åleine er opphøgd den dagen.

<sup>12</sup>For det kjem ein dag frå Herren over hærskarane då alt som er hovmodig og høgt, alt som kneisar, skal forneda,

<sup>13</sup>alle sedrar på Libanon, så høge og kneisande dei er, alle eiker i Basan,

<sup>14</sup>alle høge fjell, alle kneisande høgder,

<sup>15</sup>alle opphøgde tårn og alle festningsmurar,

<sup>16</sup> alle Tarsis-skip og alle herlege skuter.

<sup>17</sup>Då blir det stolte mennesket bøygd og hovmodet hos menn forneda. Herren åleine er opphøgd den dagen.

<sup>18</sup>Med avgudane er det slutt for alltid.

<sup>19</sup> Då skal folk gøyma seg i fjellgrotter og jordhøler for redsla Herren vekkjer, for hans stordom og velde når han reiser seg for å slå jorda med skrekk.

<sup>20</sup> Den dagen skal menneska kasta frå seg til moldvarp og flaggermus gudebileta av sølv og gull som dei har laga seg og tilbed.

<sup>21</sup>Dei skal gøyma seg i fjellhøler og bergkløfter for redsla Herren vekkjer, for hans stordom og velde når han reiser seg for å slå jorda med skrekk.

<sup>22</sup> Hald opp med å stola på mennesket som berre har pust i nasen. Kva er vel mennesket å rekna for?

### Jesaja 3

## Lovløyse i Juda

- <sup>1</sup> Sjå, Herren, allhærs Herre, tek bort frå Jerusalem og Juda støtte og stav: kvar støtte av brød og kvar støtte av vatn,
- <sup>2</sup> kvar krigar og stridsmann, dommar, profet, spåmann og eldste,
- <sup>3</sup> femtimannsføraren og den fornemme mannen, rådgjevaren, trollmannen og den dyktige åndemanaren.
- <sup>4</sup> Så gjev eg dei gutar til leiarar, villstyringar skal herska over dei.
- <sup>5</sup> Folket blir undertrykt, mann av mann og granne av granne, guten set seg opp mot den gamle, den låge mot den høge.
- <sup>6</sup> Når ein mann tek tak i ein annan i farshuset sitt og seier: «Du har ei kappe, du skal vera hovding for oss, di hand skal rå over denne ruinhaugen»,
- <sup>7</sup> då skal den andre ta til ords og seia: «Eg kan ikkje forbinda sår, og i huset mitt finst korkje brød eller klede. Set ikkje meg til hovding over folket!»
- <sup>8</sup> For Jerusalem har snubla, og Juda har falle, for med ord og gjerningar står dei Herren imot, og dei set seg opp mot hans herlegdom.
- <sup>9</sup> Andleta deira vitnar imot dei. Som Sodoma kunngjer dei si synd og løyner henne ikkje. Ve dei! Dei fører ulukke over seg sjølve.
- <sup>10</sup> Sæl er den rettferdige, for det går han godt, og han skal nyta frukta av sine gjerningar.
- <sup>11</sup> Ve den urettferdige, han går det ille, han får att for det han har gjort.
- <sup>12</sup> Folket mitt blir undertrykt av småborn, og kvinner herskar over det. Mitt folk, leiarane dine villeier deg og fører deg på villspor.

## Herren held rettargang

- <sup>13</sup> Herren stig fram for å føra sak, han står opp for å dømme folka.
- <sup>14</sup> Herren held rettargang med dei eldste og stormennene i folket sitt. «Det er de som har beitt vingarden snau, det er rov frå dei fattige i husa dykkar!»

<sup>15</sup>Kvifor knuser de mitt folk og mel sund andleta til dei hjelpelause?» seier Herren, allhærs Gud.

### **Dom over Sions døtrer**

<sup>16</sup>Herren har sagt: Fordi Sions døtrer er stolte og går med kneisande nakke, blunkar med auga, trippar omkring og ringlar med fotringane sine,

<sup>17</sup>vil Herren la Sions døtrer få hovudet fullt av skurv, og Herren vil snaua skallane deira.

<sup>18</sup>Den dagen skal Herren ta frå dei all stas: fotringane, solsmykka og halvmånane,

<sup>19</sup>øyredobbane, armbanda og sløra,

<sup>20</sup>turbanane, fotkjedene og belta, amulettane og talismanane,

<sup>21</sup>finger링ane og naseringane,

<sup>22</sup>festkledda, kåpene, sjala og veskene,

<sup>23</sup>speglane, linskjortene, hovudplagga og skjerfa.

<sup>24</sup>Då blir det stank i staden for godlukt, reip i staden for belte, fleinskalle i staden for frisyre, sekkestrie i staden for stasklede, svimerke i staden for venleik.

<sup>25</sup>Mennene dine skal falla for sverd, hæren skal falla i krig.

<sup>26</sup>Sions portar skal sørge og klaga, ho sit forlaten på jorda.

### **Jesaja 4**

<sup>1</sup>Den dagen skal sju kvinner gripa tak i same mann og seia: «Brød og klede skal vi skaffa oss sjølve, berre vi får bera ditt namn. Ta vår vanære bort!»

### **Sions framtid**

<sup>2</sup>Den dagen skal Herrens spire bli til herlegdom og ære og frukta i landet til stordom og heider for dei som slapp unna i Israel.

<sup>3</sup>Resten som er på Sion, og som er att i Jerusalem, skal kallast heilag, kvar og ein i Jerusalem som er oppskriven til livet.

<sup>4</sup>Herren skal vaska skiten av Sions døtrer og skylja bort alt blodet frå Jerusalem med Anden som dømmer, med Anden som reinsar.

<sup>5</sup>Så skal Herren skapa ei røyksky om dagen og røyk og lys frå ein flammande eld om natta over heile Sion-fjellet og over møtestadene der. For over all herlegdom skal det vera eit vern,

<sup>6</sup>ei lauvhytte som skyggjer for heten om dagen og gjev livd og skjul mot uvêr og regn.

## Jesaja 5

### Songen om Herrens vingard

<sup>1</sup>Eg vil syngja om min kjære ven, ein song om min ven og vingarden hans. Ein vingard hadde min kjære ven, med den feitaste jord.

<sup>2</sup>Han hakka han opp, og han plukka stein, og han planta den finaste vin og bygde eit vakttårn i midten, også ei vinpresse hogg han ut. Så venta han seg gode druer, men beiske druer fekk han.

<sup>3</sup>Og no, de som bur i Jerusalem, og de menneske i Juda: Døm mellom meg og vingarden min!

<sup>4</sup>Kva meir kunne gjerast med vingarden min enn det eg alt hadde gjort? Kvifor venta eg meg gode druer når druene eg fekk, var beiske?

<sup>5</sup>No skal eg seia dykk kva eg vil gjera med vingarden min. Eg tek bort gjerdet så han blir til beitemark, eg riv ned muren så han kan trakkast ned.

<sup>6</sup>Eg skal gjera han til øydemark. Han skal ikkje skjerast og tynnast meir, men torn og tistel skal gro. Og eg skal nekta skyene å la regnet falla på han.

<sup>7</sup>For vingarden til Herren over hærskarane, det er Israels hus, og menneska i Juda er hans kjæraste hage. Han venta rett, men sjå, det kom blod, rettferd, men sjå, det kom skrik!

### Verop over dei mektige

<sup>8</sup>Ve dei som legg hus til hus og føyer åker til åker heilt til det ikkje er plass att og de er dei einaste som er busette i landet!

- <sup>9</sup> I mine øyre lyder det frå Herren over hærskarane: Sanneleg, mange hus skal bli aude, store og gode, men utan folk.
- <sup>10</sup> For ein vingard det tek ti dagar å pløya, gjev berre ein bat igjen, og ein homer såkorn gjev ein efa.
- <sup>11</sup> Ve dei som jagar etter sterk drikk frå tidleg morgon av, som sit til seint på kveld og blir heite av vin.
- <sup>12</sup> Dei har lyre, harpe, handtromme, fløyte og vin på festane sine, men Herrens gjerning merkar dei ikkje, dei ser ikkje kva hans hender har gjort.
- <sup>13</sup> Difor skal folket mitt dra i eksil før dei veit av det, dei fremste skal svelta i hel og folkemassen forgå av tørste.
- <sup>14</sup> Difor opnar dødsriket svelget og sperrar opp munnen på vidt gap, og ned fer dei, både dei fornemme og massen, med sin larm og sin jubel.
- <sup>15</sup> Og mennesket er bøygd, kvar mann er fornedra, dei stolte må slå auga ned.
- <sup>16</sup> Men Herren over hærskarane er opphøgd i dommen, den heilage Gud viser seg heilag ved rettferd.
- <sup>17</sup> Lam skal beita som i ei utmark, og i rikfolks ruinar skal geiter eta.
- <sup>18</sup> Ve dei som dreg skulda etter seg med tau av løgn og sleper på synd som med vognreip
- <sup>19</sup> og seier: «No må han skunda seg å få gjort det han skal, så vi får sjå det! No må planen til Israels Heilage snart gå i oppfylling, så vi kan kjenna det!»
- <sup>20</sup> Ve dei som kallar det vonde godt og det gode vondt, dei som gjer mørker til lys og lys til mørker, bittert til søtt og søtt til bittert!
- <sup>21</sup> Ve dei som er vise i eigne auge og kloke i eigne tankar!
- <sup>22</sup> Ve dei som er heltar til å drikk vin og djerne karar til å blanda sterk drikk,
- <sup>23</sup> som frikjenner den skuldige for pengar og tek retten frå den rettferdige!



<sup>24</sup> Difor, slik eld fortærer halm og høy søkk saman i flammene, skal rota deira rotna bort, blomen deira stiga opp som støv. For dei har forkasta lova til Herren over hærskarane og forakta ordet frå Israels Heilage.

### **Herrens vreide**

<sup>25</sup> Difor flamma Herrens vreide opp mot folket hans. Han lyfte handa mot det og slo det så fjella skalv og lika låg som avfall midt i gatene. Men med det har harmen hans ikkje lagt seg, handa er framleis lyft.

<sup>26</sup> Han lyfter banneret for eit folk langt borte og plystrar det hit frå enden av jorda. Og sjå, der kjem dei, raskt og lett.

<sup>27</sup> Det er ingen der som er trøytt eller snublar, ingen blundar og ingen søv. Beltet om livet losnar ikkje, og inga sandalreim slitnar.

<sup>28</sup> Pilene er kvesste og kvar boge spent, hestehovane er som flint og vognhjula som ein kvervelvind.

<sup>29</sup> Med eit løvebrøl kjem dei, dei brøler som ei ung løve, knurrar og grip etter byttet sitt, ber det bort, og ingen kan berga det.

<sup>30</sup> Den dagen stig eit brøl, som brølet frå havet. Ser ein ut over jorda, er det mørker og naud. Lyset mørknar av tunge skyer.

## **Jesaja 6**

### **Herren kallar Jesaja til profet**

<sup>1</sup> I det året då kong Ussia døydde, såg eg Herren sitja på ei høg og opphøgd trone, og kanten på kappa hans fylte tempelet.

<sup>2</sup> Serafar stod andsynes han. Kvar av dei hadde seks venger. Med to dekte dei andletet, med to dekte dei føtene, og med to flaug dei.

<sup>3</sup> Dei ropa til kvarandre: «Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. Heile jorda er full av hans herlegdom.»

<sup>4</sup> Røysta som ropa, fekk boltane i dørtersklane til å rista, og huset vart fylt av røyk.



<sup>5</sup> Då sa eg: «Ve meg! Det er ute med meg. For eg er ein mann med ureine lepper, og eg bur i eit folk med ureine lepper, og auga mine har sett kongen, Herren over hærskarane.»

<sup>6</sup> Då flaug ein av serafane bort til meg. I handa hadde han ei glo som han hadde teke med ei tong frå altaret.

<sup>7</sup> Med den rørte han ved munnen min og sa: «Sjå, denne har rørt ved leppene dine. Di skuld er borte, og di synd er sona.»

<sup>8</sup> Då høyrde eg Herrens røyst. Han sa: «Kven skal eg senda, og kven vil gå for oss?» Eg sa: «Eg! Send meg!»

<sup>9</sup> Han sa: «Gå og sei til dette folket: De skal høyra og høyra, men ikkje forstå, sjå og sjå, men ikkje skjøna!

<sup>10</sup> Gjer hjartet til dette folket feitt, gjer øyra tunge og klin auga att, så dei ikkje kan sjå med auga, ikkje høyra med øyra, ikkje forstå med hjartet og ikkje venda om og bli lækte!»

<sup>11</sup> Då sa eg: «Kor lenge, Herre?» Han sa: «Til byane ligg aude utan folk og husa er utan menneske og landet ligg audt, ei øydemark.»

<sup>12</sup> Og Herren skal senda menneska langt bort, audt og forlate skal landet bli.

<sup>13</sup> Er det enno att ein tiandedel, skal den òg brennast opp som når ei eik eller terebinte blir felt og berre ein stubbe står att. Den stubben er ei heilag ætt.

## Jesaja 7

### Bodskap til kong Ahas

<sup>1</sup> I dei dagane då Ahas, son til Jotam, Ussias son, var konge i Juda, drog kong Resin av Aram og kong Pekah av Israel, son til Remalja, opp i krig mot Jerusalem. Men dei greidde ikkje å gå til åtak på byen.

<sup>2</sup> Det vart meldt til Davids hus: «Aramearane har slege leir i Efraim.» Då skalv hjartet både hos kongen og folket, slik trea i skogen skjelv for vinden.

<sup>3</sup> Då sa Herren til Jesaja: Gå ut, du og son din Sjear-Jasjub, og møt Ahas ved enden av vassleidningen frå Øvredammen, på vegen til vaskeplassen.

<sup>4</sup>Sei til han: Ta deg i vare og hald deg i ro! Ver ikkje redd og mist ikkje motet for desse to utbrende og rykande vedskiene, for den brennande harmen til Resin og Aram og son til Remalja!

<sup>5</sup>Fordi Aram, Efraim og son til Remalja har lagt vonde planar mot deg og sagt:

<sup>6</sup>«Lat oss dra opp mot Juda og setja skrekk i det, leggja det under oss og gjera Tabeels son til konge der»,

<sup>7</sup>så seier Herren Gud: «Det skal ikkje lukkast, og det skal ikkje skje.

<sup>8</sup>For Damaskus er Arams hovud, og Resin er hovud i Damaskus – men om sekstifem år er Efraim knust, og det er ikkje lenger eit folk –

<sup>9</sup>og Samaria er Efraims hovud, og son til Remalja er hovud i Samaria. Vil de ikkje tru, kan de ikkje stå støtt.»

### **Immanuel-teiknet**

<sup>10</sup>Herren tala igjen til Ahas og sa:

<sup>11</sup>«Be om eit teikn frå Herren din Gud, nede frå dødsriket eller oppe frå det høge!»

<sup>12</sup>Men Ahas svara: «Eg vil ikkje be om noko og ikkje setja Herren på prøve.»

<sup>13</sup>Då sa han: «Så høyr då, Davids hus! Er det ikkje nok at de trøyttar menneske, må de òg trøytta min Gud?

<sup>14</sup>Difor skal Herren sjølv gje dykk eit teikn: Sjå, den unge jenta skal bli med barn og føda ein son, og ho skal gje han namnet Immanuel.

<sup>15</sup>Rømme og honning skal han eta til han forstår å forkasta det vonde og velja det gode.

<sup>16</sup>For før guten forstår å forkasta det vonde og velja det gode, skal det bli audt i landet til dei to kongane du fryktar.

<sup>17</sup>Og over deg og folket ditt og huset til far din skal Herren la det koma dagar som det ikkje har vore sidan Efraim skilde seg frå Juda – kongen av Assur.»

## Torn og tistel

<sup>18</sup> Den dagen skal det skje at Herren plystrar på flugene attmed elveosane i Egypt og på biene i Assur.

<sup>19</sup> Alle skal koma og slå seg ned i bratte gjel og fjellkløfter, i alle tornekratt og på alle vatningsplassar.

<sup>20</sup> Den dagen skal Herren barbera med ein kniv han har leigd på den andre sida av Storelva, med kongen av Assur, alt hår både på hovudet og mellom beina, ja, skjegget òg skal kniven ta bort.

<sup>21</sup> Og den dagen skal ein mann kunna halda ei kvige og eit par sauer,

<sup>22</sup> og dei skal gje så mykje mjølk at han kan eta rømme. Ja, rømme og honning skal dei eta, alle dei som er att i landet.

<sup>23</sup> Og den dagen skal det skje at kvar stad der det no er tusen vinstokkar, verde tusen sjekel sølv, skal det berre vera torn og tistel.

<sup>24</sup> Med pil og boge går ein dit, for landet er fullt av torn og tistel.

<sup>25</sup> Og alle liene som vart hakka opp med hakker, dit kan du ikkje koma meir av redsle for torn og tistel. No skal oksar sleppast laus der, og sauene skal trakka.

## Jesaja 8

### Profetens son som teikn

<sup>1</sup> Herren sa til meg: «Ta deg ei stor tavle og skriv på henne med ein vanleg griffel: Til Maher-Sjalal-Hasj-Bas.»

<sup>2</sup> Eg tok meg pålitelege vitne, presten Uria og Sakarja, son til Jeberekja.

<sup>3</sup> Så var eg saman med profetkvinna, og ho vart med barn og fekk ein son. Då sa Herren til meg: «Gjev han namnet Maher-Sjalal-Hasj-Bas.

<sup>4</sup> For før guten har lært å seia far og mor, skal rikdomane frå Damaskus og krigsbyttet frå Samaria berast fram for kongen av Assur.»

### Siloa eller Storelva

<sup>5</sup> Herren tala igjen til meg og sa:

<sup>6</sup> Fordi dette folket foraktar Siloas vatn, som renn så stilt, og mistar motet for Resin og Remaljas son,

<sup>7</sup> sjå, difor lèt Herren Storelva stiga over dei med veldige vassmengder – assyrarkongen og all hans makt. Ho skal stiga over alle sine elvefar og gå over alle sine bredder,

<sup>8</sup> ho kjem inn over Juda, fløymer over og breier seg utover til ho når opp til halsen. Med sine utspente venger fyller ho landet ditt, så vidt som det er, Immanuel!

<sup>9</sup> Lat hærropet lyda, folkeslag, og bli slegne av skrekk! Lytt, alle fjerne land! Rust dykk til strid og bli slegne av skrekk, rust til strid og bli slegne av skrekk!

<sup>10</sup> Legg ein plan, han skal slå feil! Sei eit ord, det skal ikkje slå til! For Gud er med oss.

### **Herrens åtvaring**

<sup>11</sup> For så sa Herren til meg då handa hans greip meg fast og han åtvara meg mot å gå den vegen dette folket går:

<sup>12</sup> De skal ikkje seia «samansverjing» til alt dette folket kallar samansverjing! Det dei fryktar, skal ikkje de frykta og ikkje skjelva for.

<sup>13</sup> Herren over hærskarane, han skal de halda heilag. Han skal de frykta, og han skal de skjelva for.

<sup>14</sup> Han skal vera ein heilagdom, ein snublestein og eit berg til fall for Israels to hus, ei snare og ei felle for dei som bur i Jerusalem.

<sup>15</sup> Mange av dei skal snubla, dei skal falla og skamslå seg, gå i snara og bli fanga.

### **Vitnemål og forventning**

<sup>16</sup> Eg vil binda inn vitnemålet og forseгла lova hos læresveinane mine.

<sup>17</sup> Så vil eg venta på Herren, som løyner andletet for Jakobs hus, og setja mi von til han.

<sup>18</sup> Sjå, eg og borna som Herren har gjeve meg, er teikn og varsel i Israel frå Herren over hærskarane, han som bur på Sion-fjellet.

<sup>19</sup>Men når dei seier til dykk: «Spør gjenferd og spådomsånder til råds, slike som kviskrar og mumlar! Skal ikkje eit folk spørja sine gudar, spørja dei døde til råds for dei levande

<sup>20</sup> om lov og om vitnemål?» Sanneleg, for dei som seier slikt, står ikkje sola opp meir!

<sup>21</sup> Forkomen og svolten skal han dra omkring. Når han svelt, blir han harm og forbannar sin konge og sin Gud. Anten han vender seg mot det høge

<sup>22</sup> eller ser utover jorda, er det naud og natt, trengsle og mørker. I mørkret er han støytt ut.

## Jesaja 9

<sup>1</sup> Sanneleg, det skal ikkje vera mørker for henne som er i trengsle. Før i tida førte han skam over Sebulons land og Naftalis land. Men i framtida skal han la dei koma til ære: vegen til havet, landet bortanfor Jordan, Galilea, der folkeslag bur.

### Fredsfyrsten

<sup>2</sup> Det folket som går i mørkret, ser eit stort lys. Over dei som bur i dødsskuggens land, strålar lyset fram.

<sup>3</sup> Du lét dei jubla høgt og gjorde gleda stor. Dei gledde seg for ditt andlet som ein gleder seg over kornhausten, som ein jublar når krigsbyttet blir delt.

<sup>4</sup> For åket som tyngde, stokken over skuldrene og staven til slavedrivaren har du brote sund som på Midjans dag.

<sup>5</sup> Ja, kvar støvel som trampa, og kvar kappe tilsølt med blod skal brennast og bli til føde for elden.

<sup>6</sup> For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven. Herreveldet er lagt på hans skulder. Han har fått namnet Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig far, Fredsfyrste.

<sup>7</sup> Så skal herreveldet vera stort og freden utan ende over Davids trone og hans kongerike. Han skal gjera det fast og halda det oppe med rett og rettferd frå no og for all tid. Herren over hærskarane skal gjera dette i sin brennande iver.

### **Guds hand er lyft**

<sup>8</sup> Eit ord har Herren sendt mot Jakob, det har slege ned i Israel.

<sup>9</sup> Og dei har fått kjenna det, heile folket, Efraim og dei som bur i Samaria, dei som stolte og hovmodige sa:

<sup>10</sup> «Teglsteinar har falle, vi byggjer opp att med tilhoggen stein. Morbærtre er felte, vi plantar sedrar i staden.»

<sup>11</sup> Då gav Herren motstandaren deira, Resin, makt over dei og hissa opp fiendane deira,

<sup>12</sup> aramearane frå aust og filistrane frå vest. Dei fortærte Israel med vidopen munn. Men harmen hans har ikkje lagt seg med dette, handa er framleis lyft.

<sup>13</sup> Men folket vende ikkje om til han som slo det, dei søkte ikkje Herren over hærskarane.

<sup>14</sup> Då hogg Herren av Israel både hovud og hale, palmegrein og siv på éin dag.

<sup>15</sup> Den eldste og den fornemme er hovudet, halen er profeten som lærer bort løgn.

<sup>16</sup> Dei som leidde dette folket, førte dei vill, dei som skulle leiast, vart villeidde.

<sup>17</sup> Difor sparte ikkje Herren dei unge mennene deira, mot farlause og enkjer viste han ikkje miskunn. For alle var ugudelege og vonde, kvar munn tala dårskap. Men harmen hans har ikkje lagt seg med dette, handa er framleis lyft.

<sup>18</sup> Ja, uretten brann som ein eld og fortærte torn og tistel, han sette tettaste skogen i brann, røyken steig høgt til vêts.

<sup>19</sup>Landet er sett i brann fordi Herren over hærskarane er harm, og folket har vorte til mat for elden. Det er ingen som sparer bror sin.

<sup>20</sup>Dei beit til høgre, men var svoltne, og åt til venstre, men vart ikkje mette. Kvar mann et sin neste,

<sup>21</sup>Manasse et Efraim, og Efraim et Manasse. Saman går dei mot Juda. Men harmen hans har ikkje lagt seg med dette, handa er framleis lyft.

## Jesaja 10

<sup>1</sup>Ve dei som gjev urettferdige påbod og skriv undertrykkjande forskrifter,

<sup>2</sup>driv fattige bort frå domstolen og tek retten frå dei hjelpelause i folket mitt, gjer enkjer til sitt bytte og plyndrar farlause.

<sup>3</sup>Men kva vil de gjera på oppgjersdagen, når øydelegginga kjem frå det fjerne? Kven flyktar de til for å få hjelp, og kvar vil de gjera av rikdomen dykkar

<sup>4</sup>utan å måtta knela blant fangar eller falla blant drepne? Men harmen hans har ikkje lagt seg med dette, handa er framleis lyft.

### Dommen over Assur

<sup>5</sup>Ve Assur, mitt vreideris! Stokken dei har i handa, er min harme.

<sup>6</sup>Eg sender han mot eit ugudeleg folk, byd han fara mot folket eg er harm på, for å plyndra og røva, ta bytte og rov og trakka det ned som avfall i gata.

<sup>7</sup>Men det er ikkje slik han meiner det og ikkje slik hans hjarte tenkjer det, for han vil øydeleggja og utrydda mange folkeslag.

<sup>8</sup>Han seier: «Er ikkje mine stormenn kongar alle saman?»

<sup>9</sup>Er ikkje Kalno som Karkemisj, Hamat som Arpad, Samaria som Damaskus?

<sup>10</sup>Når handa mi har nådd til avgudsrika, der gudebileta overgår dei i Jerusalem og Samaria,

<sup>11</sup>skulle eg ikkje då kunna gjera det same med Jerusalem og gudebileta hennar som eg gjorde med Samaria og gudane hennar?»



<sup>12</sup> Men det skal skje: Når Herren har fullført heile sitt verk på Sion-fjellet og i Jerusalem, då krev eg kongen av Assur til rekneskap for frukta av hans hovmodige hjarte og glimtet i hans stolte auge.

<sup>13</sup> For han har sagt: «Dette har eg gjort med mi sterke hand og i min visdom, for eg er klok. Eg har flytt grensene mellom folka og plyndra skattane deira, med makt har eg drive innbyggjarane ut.

<sup>14</sup> Handa mi fann rikdomen til folka som ho finn eit fuglereir, og slik ein samlar forlatne egg, har eg samla alle kongerike på jorda. Det var ingen som rørte ein veng eller opna nebben og peip.»

<sup>15</sup> Kan øksa briska seg mot han som høgg, set saga seg over han som sagar? Som om staven skulle svinga han som lyfter staven, og stokken lyfta han som ikkje er av tre!

<sup>16</sup> Difor skal Herren, allhærs Herre, gjera dei kraftige karane hans magre. Under all hans prakt skal det tennast ein eld, ein brennande eld.

<sup>17</sup> Israels lys skal bli ein eld og hans Heilage ein flamme som brenn og fortærer både torn og tistel på ein einaste dag.

<sup>18</sup> I hans herlege skogar og hagar skal han gjera ende på sjel og kropp, det skal gå som når ein sjuk tærest bort.

<sup>19</sup> Så liten blir resten av tre i skogen at ein smågut kan skriva opp talet.

### **Ein rest skal venda om**

<sup>20</sup> Den dagen skal resten av Israel og dei som slapp unna i Jakobs hus, ikkje lenger støtta seg til han som slo dei, men støtta seg i truskap til Herren, Israels Heilage.

<sup>21</sup> Ein rest skal venda om til den veldige Gud, ein rest av Jakob.

<sup>22</sup> For sjølv om folket ditt, Israel, var som havsens sand, skal berre ein rest venda om. Utslettinga er fastsett, med rettferd strøymer ho på.

<sup>23</sup> For Herren, allhærs Gud, fullfører utslettinga som er fastsett over heile jorda.

<sup>24</sup> Difor, så seier Herren, allhærs Gud: Mitt folk, du som bur på Sion, ver ikkje redd for Assur når han slår deg med stokken og lyfter staven sin over deg, slik dei gjorde i Egypt.

<sup>25</sup> Om berre ei lita stund er det slutt på harmen min, vreiden min gjer ende på dei.

<sup>26</sup> Då skal Herren over hæskarane svinga svepa over han, som då han slo Midjan ved Oreb-berget. Han skal lyfta staven over havet, slik han gjorde i Egypt.

<sup>27</sup> Den dagen skal det skje at han tek børa bort frå skuldra di og åket frå nakken din. Så velfødd blir du at åket går sund.

### **Fienden går mot Jerusalem**

<sup>28</sup> Han er komen over Ajjat og har drege forbi Migron. I Mikmas lagrar han utstyr.

<sup>29</sup> Dei har gått gjennom skardet. «I Geba slår vi leir for natta!» Rama skjelv, Sauls Gibeon har rømt.

<sup>30</sup> Skrik høgt, du Gallims dotter! Lytt, Laisja! Svar, Anatot!

<sup>31</sup> Madmena har kome seg unna, dei som bur i Gebim, har berga seg.

<sup>32</sup> Alt i dag vil han stå i Nob. Han svingar handa mot fjellet til dotter Sion, Jerusalems høgd.

<sup>33</sup> Sjå, Herren, allhærs Herre, hogg greinene av med veldig kraft. Høgvaksne tre blir felte, høge stammar skal falla.

<sup>34</sup> Tettaste skogen skal hoggast ned med øks. Libanon skal falla for Den veldig.

## **Jesaja 11**

### **Den rettferdige kongen**

<sup>1</sup> Ein kvist skal skyta opp frå Isais stubbe, og eit skot skal spira fram frå hans røter.

<sup>2</sup> Herrens ande skal kvila over han, ein Ande med visdom og forstand, ein Ande med råd og styrke, ein Ande som gjev kunnskap og frykt for Herren.

<sup>3</sup> Han skal ha si glede i frykta for Herren. Han skal ikkje dømme etter kva auga ser, og ikkje skifta rett etter kva øyra høyrer.

<sup>4</sup> Han skal dømme fattige rettferdig, i rettferd skal han skifta rett for dei hjelpelause i landet. Han skal slå landet med riset i sin munn og drepa dei urettferdige med pusten frå sine lepper.

<sup>5</sup> Rettferd skal vera beltet om livet og truskap beltet om hoftene hans.

<sup>6</sup> Då skal ulven bu saman med lammet og leoparden leggja seg hos kjeet. Kalv og ungløve skal beita saman medan ein smågut gjeter dei.

<sup>7</sup> Ku og bjørn skal beita, ungane deira leggja seg saman, og løva skal eta halm som oksen.

<sup>8</sup> Spedbarnet skal leika attmed hòla til slangen og barnet strekkja handa ut mot ormebolet.

<sup>9</sup> Ingen skal skada eller øydeleggja noko på heile mitt heilage fjell. For landet er fylt av kjennskap til Herren slik vatnet dekkjer havsens botn.

<sup>10</sup> Den dagen skal Isais rotskot stå som eit banner for folka. Folkeslaga skal søkja han, og hans bustad skal vera herleg.

### **Dei bortførte skal venda attende**

<sup>11</sup> Den dagen skal Herren for andre gong rekkja ut si hand og kjøpa fri resten av folket sitt, dei som er att frå Assur, Egypt, Patros, Kusj, Elam, Sinear, Hamat og frå kystlanda.

<sup>12</sup> Han skal lyfta eit banner for folka, samla dei fordrivne av Israel og føra saman dei spreidde av Juda frå verdsens fire hjørne.

<sup>13</sup> Då skal Efraims misunning forsvinna og Judas fiendskap ryddast ut. Efraim skal ikkje misunna Juda og Juda ikkje vera fiendtleg mot Efraim.

<sup>14</sup> Dei skal slå ned på skuldra til filistrane i vest, saman skal dei plyndra folka i aust. Dei skal leggja hand på Edom og Moab, ammonittane må lyda dei.

<sup>15</sup> Då skal Herren tørka ut havbukta ved Egypt og svinga handa over Storelva. Med ein sterk storm skal han kløyva elva i sju bekkefar så ein kan gå tørrskodd over.

<sup>16</sup> Og det skal vera ein veg for den resten som er att av Herrens folk frå Assur, slik det var for israelittane den dagen dei drog opp frå Egypt.

## Jesaja 12

### Takkesalme

<sup>1</sup> Den dagen skal du seia: Eg takkar deg, Herre! For du var harm på meg, men harmen snudde, og du trøysta meg.

<sup>2</sup> Sjå, Gud er mi frelse, eg er trygg og fryktar ikkje. For Herren er min styrke og min song, og han har vorte mi frelse.

<sup>3</sup> Med glede skal de ausa vatn or kjeldene til frelse.

<sup>4</sup> Den dagen skal de seia: Lovpris Herren, kall på hans namn! Gjer gjerningane hans kjende mellom folka, forkynn at hans namn er opphøgt!

<sup>5</sup> Syng for Herren, for han har gjort storverk, gjer dette kjent over heile jorda!

<sup>6</sup> Rop høgt i jubel, de som bur på Sion! For Israels Heilage er stor, han er midt iblant dykk.

## Jesaja 13

### Babel og Herrens dag

<sup>1</sup> Ein bodskap om Babel som Jesaja, son til Amos, fekk sjå:

<sup>2</sup> Lyft banneret på snaue fjellet, rop høgt til dei, vink med handa så dei kan dra inn gjennom storfolks portar.

<sup>3</sup> Eg har sjølv kalla inn mine heilage krigarar som skal tena min vreide, eg har samla mine krigsmenn, dei som jublar over mitt velde.

<sup>4</sup> Høyr ståket på fjella som frå eit stort folk! Høyr larmen av kongerike, folkeslag som samlar seg! Herren over hærskarane mønstrar ein hær til strid.

- <sup>5</sup>Frå eit land langt borte, der himmelen endar, kjem Herren og den reiskapen han bruker i sin harme for å øydeleggja heile jorda.
- <sup>6</sup>Klag, for Herrens dag er nær. Som vald frå Den veldige kjem han.
- <sup>7</sup>Difor blir alle hender slappe, kvart menneskehjarte smeltar bort.
- <sup>8</sup>Dei blir slegne av skrekk, dei blir gripne av krampe og smerte, dei får rier lik ei kvinne som skal føda. I redsle stirer dei på kvarandre, andleta er som eld.
- <sup>9</sup>Sjå, Herrens dag kjem med gru og harme og brennande vreide for å leggja jorda aud og utrydda syndarane der.
- <sup>10</sup>For stjernene på himmelen og stjernebileta lèt ikkje lyset skina, mørk er sola når ho står opp, og månen gjev ikkje lys.
- <sup>11</sup>Eg krev jorda til rekneskap for vondskapen og dei lovause for deira synd. Eg gjer ende på dei stolte og frekke og slår ned hovmodige valdsmenn.
- <sup>12</sup>Eg gjer menneske meir sjeldne enn reint gull og folk meir sjeldne enn Ofirgull.
- <sup>13</sup>Difor får eg himmelen til å skjelva, og jorda blir rist ut av lage fordi Herren over hærskarane er harm, det er dagen for hans brennande vreide.
- <sup>14</sup>Lik jaga gasellar og sauer som ingen sankar, skal kvar og ein venda seg til sitt eige folk og kvar og ein flykta til sitt eige land.
- <sup>15</sup>Alle som blir funne, skal stikkast ned, og alle som blir gripne, skal falla for sverd.
- <sup>16</sup>Dei små borna skal knusast framfor auga på dei, husa skal plyndrast og kvinnene bli valdtekne.
- <sup>17</sup>Sjå, mot dei hissar eg medarane, dei bryr seg ikkje om sølv og har ikkje lyst på gull.
- <sup>18</sup>Bogane deira feller unge gutar, dei viser ikkje nåde mot frukta i mors liv, auga har ikkje medynk med born.

<sup>19</sup> Med Babel, det herlegaste kongeriket, kaldearens stolte pryd, skal det gå som då Gud øydela Sodoma og Gomorra.

<sup>20</sup> Aldri meir skal nokon slå seg ned der, frå slekt til slekt skal ingen bu der. Ingen ørkenbuar skal slå opp telt der og ingen gjetar la dyra kvila der.

<sup>21</sup> Men ørkendyr skal kvila der og husa fyllast av ugler. Der skal strutsar bu, og der skal bukkar dansa.

<sup>22</sup> Hyenar skal ula i borgene og sjakalar i lystslotta. Babels time nærmar seg, hennar dagar blir ikkje mange.

## Jesaja 14

### Israel kjem heim

<sup>1</sup> Men Herren skal miskunna seg over Jakob og atter velja ut Israel og la dei få bu i landet sitt. Framande skal slutta seg til dei og halda seg til Jakobs hus.

<sup>2</sup> Folkeslag skal ta dei og føra dei heim, og i Herrens land skal Israels hus gjera dei til sin eigedom, til slavar og slavekvinner. Fangevaktarane skal bli fangane deira, og dei skal herska over undertrykkjarane sine.

### Spottevisе om kongen av Babel

<sup>3</sup> Den dagen Herren lèt deg kvila frå strevet ditt og uroa di og frå det harde slavearbeidet som vart lagt på deg,

<sup>4</sup> skal du syngja denne spottevisa om kongen av Babel: Det er ute med undertrykkjaren, ute med tyranniet.

<sup>5</sup> Herren har knekt staven til dei lovlause, septeret til herskarane,

<sup>6</sup> det som slo folkeslag i harme, slo utan stans, som herska over folk i vreide, forfølgde utan nåde.

<sup>7</sup> Heile jorda kviler i ro, folk bryt ut i jubel.

<sup>8</sup> Sjølv syressane og sedrane på Libanon gleder seg for di skuld: «Etter at du fall, kjem ingen opp og feller oss.»

<sup>9</sup>Dødsriket der nede rister når du kjem. For di skuld vekkjer det daudingane, alle som herska på jorda, og får kongane over alle folkeslag til å reisa seg frå sine troner.

<sup>10</sup>Alle tek dei til ords og seier til deg: «Så er du òg vorten svak, du er vorten som ein av oss.»

<sup>11</sup>Du som var så stolt, er støytt ned til dødsriket med klangen av dine harper. Ei seng av ormar er reidd opp for deg, og makk skal vera ditt teppe.

<sup>12</sup>Du har falle frå himmelen, du morgonstjerne, son til morgonrøden! Du er slengd til jorda, du som sigra over folkeslag.

<sup>13</sup>Det var du som sa i ditt hjarte: «Til himmelen vil eg stiga opp, høgare enn Guds stjerner reiser eg mi trone. Eg tek plass der gudar samlast, på fjellet lengst i nord.

<sup>14</sup>Eg vil stiga opp på haugen av skyer og gjera meg lik Den høgste.»

<sup>15</sup>Men til dødsriket er du støytt ned, lengst ned i den djupaste hòla.

<sup>16</sup>Dei som ser deg, stirer på deg, ser grundig på deg: «Er dette den mannen som fekk jorda til å rista og kongerika til å skjelva,

<sup>17</sup>som gjorde verda til ein ørken og la byane i grus, som aldri lét fangar venda heim?»

<sup>18</sup>Alle kongane over folka kviler med heider, kvar i sitt hus.

<sup>19</sup>Men du er slengd bort og utan grav, ei vraka spire, dekt av drepne som er gjennombora av sverd og kasta ned i steinhòla som eit nedtrakka lik.

<sup>20</sup>Du får ikkje koma i grav slik som dei, for landet ditt har du øydelagt, folket ditt har du slege i hel. Den slekta som handlar vondt, skal aldri meir nemnast.

<sup>21</sup>Gjer slaktebenken klar til borna på grunn av synda til fedrane! Dei skal ikkje stå opp og erobra jorda og fylla verda med byar.

<sup>22</sup>Eg vil stå opp mot dei, seier Herren over hærskarane. Eg vil utsletta Babels namn og rest, både born og etterkomarar, seier Herren.

<sup>23</sup>Eg skal gjera byen til ein sump der hegrar held til. Eg skal feia han bort med ein kost som legg øyde, seier Herren over hærskarane.

### Assur

<sup>24</sup>Herren over hærskarane har svore: Sanneleg, som eg har tenkt, skal det bli, og det eg har fastsett, skal skje.

<sup>25</sup>Eg vil knusa Assur i landet mitt og trakka han ned på fjella mine. Åket hans skal takast frå dei og børa takast bort frå skuldra deira.

<sup>26</sup>Dette er planen som er lagd for heile jorda, og dette er handa som er strekt ut mot alle folkeslag.

<sup>27</sup>Når Herren over hærskarane har ein plan, kven kan hindra den? Når handa hans er strekt ut, kven kan venda henne bort?

### Filistrane

<sup>28</sup>I det året kong Ahas døydde, kom denne bodskapen:

<sup>29</sup>Gled deg ikkje, du Filistarland, over at staven som slo deg, er knekt. For av røtene til slangen kjem ein giftig orm, og frukta blir ein flygande seraf.

<sup>30</sup>Svake skal beita på enga mi, trygt skal fattige slå seg ned. Men eg skal drepa rota di med svolt, og resten din skal bli slegen i hel.

<sup>31</sup>Hyl, du port, og skrik, du by, skjelv, heile du Filistarland! For det kjem ein røyk frå nord, og ingen bryt ut av fiendens rekkjer.

<sup>32</sup>Kva svar skal sendeboda frå folka få? At Herren har grunnlagt Sion, og der skal dei hjelpelause i folket hans finna ly.

## Jesaja 15

### Moab

<sup>1</sup>Bodskap om Moab. I ei natt av vald gjekk Ar-Moab til grunne. I ei natt av vald gjekk Kir-Moab til grunne.

<sup>2</sup>Dei går opp til tempelet, Dibon går til offerhaugane for å gråta. Moab sørgjer over Nebo og Medeba. Kvart hovud er snauklipt, alt skjegg er raka av.

<sup>3</sup>I gatene går dei kledde i sekkestrie, på tak og torg sørgjer alle, tårene renn.



<sup>4</sup>Hesjbon og Elale klagar, skrika høyrest heilt til Jahas. Difor ropar Moabs krigarar, dei skjelv og mistar motet.

<sup>5</sup>Hjartet mitt klagar over Moab. Dei flyktar til Soar og Eglat-Sjelijia, gråtande går dei opp bakkane til Luhit, på vegen til Horonajim klagar dei høgt over samanbrotet.

<sup>6</sup>For Nimrim-vatnet blir til ørkenland, graset tørkar bort, enga visnar, det finst ikkje noko som er grønt.

<sup>7</sup>Difor tek dei det som er att, det dei har teke vare på, og ber det over Arabim-bekken.

<sup>8</sup>Ja, klageropet går rundt om i Moab-landet, skriket når til Eglajim, skriket når til Beer-Elim.

<sup>9</sup>For vatnet i Dimon er fullt av blod, og endå sender eg meir mot Dimon: løver mot dei som slapp unna frå Moab, og mot dei som er att i landet.

## Jesaja 16

<sup>1</sup>Send eit lam til herskaren i landet, frå Sela i øydemarka til fjellet åt dotter Sion!

<sup>2</sup>Som flaksande fuglar jaga frå reiret skal Moabs døtrer vera ved Arnons vadestader.

<sup>3</sup>«Gjev oss råd og finn ein utveg! Lat skuggen din bli som natta midt på dagen. Løyn dei bortdrivne, svik ikkje dei som har flykta!

<sup>4</sup>Lat dei som er drivne bort frå Moab, få halda til hos deg! Ver eit ly for dei mot den som herjar!» Når undertykkinga er over og herjinga slutt, når den som trakkar ned, er borte frå landet,

<sup>5</sup>då skal det av miskunn reisast ei trone, og på den skal det i truskap sitja ein dommar i Davids telt, ein som søker rett og fremjar rettferd.

<sup>6</sup>Vi har høyrt kor umåteleg stolt Moab er, kor hovmodig, stolt og frekk han er, kort tomt han skryter.

<sup>7</sup>Difor sørgjer Moab over Moab, alle sørgjer dei, ja, motlause skal de sukka over rosinkakene i Kir-Hareset.

<sup>8</sup>For vinmarkene i Hesjbon er tørka inn, og vinstokkane i Sibma. Herrar over folkeslag vart slegne til jorda av dei raude druene som nådde heilt til Jaser og voks vilt i øydemarka, rankene spreidde seg og nådde heilt til sjøen.

<sup>9</sup>Difor græt eg med Jaser over vinstokkane i Sibma. Eg vatnar deg med tårene mine, Hesjbon og Elale. For det er slutt på dei glade ropa over di frukt og di grøde.

<sup>10</sup>Glede og jubel er borte frå hagane, og på vinmarkene er det ingen som syng eller ropar. Ingen trakkar druer i vinpressene, dei glade ropa har stilna.

<sup>11</sup>Difor dirrar mitt indre som ei lyre for Moab, mitt hjarte for Kir-Heres.

<sup>12</sup>Men når Moab viser seg og slit seg ut på offerhaugen, når han går til sin heilagdom for å be, nyttar det ikkje.

<sup>13</sup>Dette er det ordet som Herren før har tala om Moab.

<sup>14</sup>Men no seier Herren: Om tre år, slik som leigefolk reknar åra, skal Moabs ære bli til vanære, så folkerikt det er, og dei få som er att, skal bli maktlause.

## Jesaja 17

### Damaskus og Efraim

<sup>1</sup>Bodskap om Damaskus. Sjå, Damaskus skal ikkje lenger vera ein by, men bli til ein ruinhaug.

<sup>2</sup>Aroers byar blir forlatne, der skal buskap kvila, og ingen skal skremma dei.

<sup>3</sup>Efraim skal mista si borg og Damaskus sitt kongedøme. Med resten av Aram skal det gå som med herlegdomen til israelittane, seier Herren over hærskarane.

<sup>4</sup>Og den dagen skal Jakobs herlegdom bli mindre og den feite kroppen hans bli mager.

<sup>5</sup>Det blir som når ein haustar korn og handa samlar kornet og skjer av aksa. Det blir som når ein sankar aks i Refa'im-dalen,

<sup>6</sup>som når ein slår ned oliven og berre ein etterhaust blir att, to–tre oliven øvst i treet og fire–fem på greinene, seier Herren, Israels Gud.

<sup>7</sup>Den dagen vender mennesket blikket mot sin skapar, auga ser mot Israels Heilage.

<sup>8</sup>Dei skal ikkje venda blikket mot altara som hendene deira har laga, og ikkje sjå på det fingrane deira har skapt, Asjera-pålane og røykjelsesaltara.

<sup>9</sup>Den dagen skal dei trygge byane deira bli så aude som dei stadene hevittane og amorittane forlét då israelittane kom. Alt skal bli til øydemark.

<sup>10</sup> For du har gløymt Gud, din frelsar, og ikkje hugsa det trygge berget ditt. Difor kan du planta dei finaste hagar og setja framande vinranker der,

<sup>11</sup>du kan få dei til å veksa den dagen du plantar, til å spira den morgonen du sår, men hausten sviktar den dagen sjukdom og ulækjande skade kjem.

<sup>12</sup> Ve! Eit drønn av mange folk, eit drønn som når havet drønnar. Ein larm frå folkeslag, som larmen frå veldige vatn larmar dei,

<sup>13</sup> folkeslaga larmar som veldige vatn. Men når han trugar dei, flyktar dei langt bort. Dei blir jaga som agner for vinden på haugane, som tistlar for stormen.

<sup>14</sup> Om kvelden er det redsle, men før morgonen gryr, er dei borte. Slik går det dei som plyndrar oss, slikt utbytte får dei som ranar oss.

## Jesaja 18

### Kusj

<sup>1</sup> Ve det landet der venger svirrar, bortanfor elvane i Kusj,

<sup>2</sup> landet som sender bodberarar over havet i sivbåtar på vatnet. Dra, de raske sendebod, til det høgvalsne og glinsande folket, eit folkeslag dei fryktar vidt ikring, eit folk i rekkje på rekkje som trampar andre ned, i eit land gjennomskore av elvar.

<sup>3</sup> Alle de som bur i verda, de som held til på jorda, sjå opp når dei lyfter banneret på fjell, og lytt når dei blæs i horn!

<sup>4</sup>For så seier Herren til meg: Frå min bustad vil eg sjå på og halda meg i ro lik heten som dirrar i lyset, lik tåkedis i heten om hausten.

<sup>5</sup>For før hausten, når bløminga er slutt og blomane blir til kart, skjer han av skota med kniv, fjernar vinranker, kastar dei frå seg.

<sup>6</sup>Alt skal overlatast til rovfugl i fjellet og villdyr på marka. Rovfugl er over dei om sommaren, alle villdyr om vinteren.

<sup>7</sup>På den tid skal dei koma med gåver til Herren over hærskarane frå det høgvakne og glinsande folket, eit folkeslag dei fryktar vidt ikring, eit folk i rekkje på rekkje som trampar andre ned, i eit land gjennomskore av elvar, til staden der namnet åt Herren over hærskarane bur, til Sion-fjellet.

## Jesaja 19

### Egypt

<sup>1</sup>Bodskap om Egypt. Sjå, Herren rid på raske skyer og kjem til Egypt. Avgudane i Egypt skjelv for han, og hjartet til egyptarane smeltar i brystet.

<sup>2</sup>Eg hissar opp egyptar mot egyptar, bror skal kjempa mot bror, mann mot mann, by mot by, kongerike mot kongerike.

<sup>3</sup>Det er tomt for ånd i egyptarane, eg gjer ende på planane deira. Dei vender seg til avgudar og skrømt, til gjenferd og spådomsänder.

<sup>4</sup>Men eg vil gje egyptarane over i hendene på ein hard herre. Ein mektig konge skal herska over dei, seier Herren, allhærs Herre.

<sup>5</sup>Då blir vatnet i havet borte, elva blir tørrlagd, ho tørkar.

<sup>6</sup>Elvefara stinkar, Nilens armar minkar og blir tørrlagde, røyr og siv visnar.

<sup>7</sup>Graset ved munningen av Nilen og alt som er sådd langs elva, tørkar, blæs bort og forsvinn.

<sup>8</sup>Fiskarane sørgjer, alle som fiskar med krok i Nilen, klagar, dei som set garn i vatnet, visnar bort.

<sup>9</sup>Dei som arbeider med lin, blir til skamme, dei som kardar og vev, blir bleike.

- <sup>10</sup>Vevarane sturer, dagarbeidarane er tunge til sinns.
- <sup>11</sup> Ja, dårar er fyrstane i Soan, vismennene til farao gjev dumme råd. Korleis kan de seia til farao: «Eg er son til vismenn, son til kongar frå fortida?»
- <sup>12</sup>Kvar er no vismennene dine? Lat dei kunngjera og fortelja deg kva plan Herren over hærskarane har lagt for egyptarane.
- <sup>13</sup> Fyrstane i Soan er dårar, fyrstane i Nof har vorte narra. Stammehovdingane har ført Egypt vill.
- <sup>14</sup> Herren har aust ut blant dei ei ånd som gjer svimmel. Dei har fått egyptarane til å fara vill kva dei så gjer, slik ein drukken går seg vill i sitt eige spy.
- <sup>15</sup> For egyptarane skal ingenting lukkast, anten det er hovud eller hale, palmegrein eller siv som gjer det.
- <sup>16</sup>Den dagen skal egyptarane vera som kvinner. Dei skal skjelva av frykt fordi Herren over hærskarane har lyft si hand og svingar henne over dei.
- <sup>17</sup>Juda-landet skal bli til skrekk for egyptarane. Så ofte nokon nemner det, skal dei frykta planen Herren over hærskarane har lagt for dei.
- <sup>18</sup> Den dagen skal det vera fem byar i Egypt som talar Kanaans språk og sver truskap til Herren over hærskarane. Ein av dei skal heita Ir-Haheres.
- <sup>19</sup> Den dagen skal det vera eit altar for Herren midt i Egypt og ei steinstøtte for Herren ved grensa.
- <sup>20</sup>Det skal vera til teikn og vitnemål for Herren over hærskarane i Egypt. Når dei ropar til Herren og klagar over undertrykkjarane, skal han senda dei ein frelsar og stridsmann, og han skal fria dei ut.
- <sup>21</sup> Då skal Herren gje seg til kjenne for egyptarane, på den dagen skal egyptarane læra han å kjenna. Dei skal dyrka han med slaktoffer og grødeoffer, gje lovnader til han og halda dei.
- <sup>22</sup>Herren skal slå egyptarane, slå, men lækja òg. Dei skal venda om til Herren, og han vil høyra bønene deira og lækja dei.

<sup>23</sup>Den dagen skal det vera ein hovudveg frå Egypt til Assur. Assyrarane skal koma til Egypt og egyptarane til Assur, og Egypt skal tilbe saman med Assur.

<sup>24</sup>Den dagen skal Israel, den tredje saman med Egypt og Assur, vera ei velsigning for heile jorda.

<sup>25</sup>Herren over hærskarane skal velsigna dei og seia: Velsigna er Egypt, mitt folk, Assur, eit verk av mi hand, og Israel, min eigedom!

## Jesaja 20

<sup>1</sup>I det året ein hærførar som assyrarkongen Sargon hadde sendt ut, gjekk til åtak på Asjdod og la byen under seg,

<sup>2</sup>på den tida tala Herren gjennom Jesaja, son til Amos. Han sa: «Gå og ta sekkestrien av hoftene dine og skorne av føtene!» Han gjorde det og gjekk naken og berrføtt.

<sup>3</sup>Og Herren sa: Slik tenaren min Jesaja har gått naken og berrføtt i tre år til teikn og varsel mot Egypt og Kusj,

<sup>4</sup>slik skal assyrarkongen driva med seg krigsfangane frå Egypt og dei bortførte frå Kusj, både unge og gamle, nakne, berrfotte og med berr bak, til vanære for Egypt.

<sup>5</sup>Folk skal bli slegne av skrekk og skam over Kusj, deira von, og over Egypt, deira pryd.

<sup>6</sup>Den dagen skal dei som bur på desse strendene, seia: «Sjå, slik har det gått med vår von, med dei vi flykta til for å få hjelp, for å bli berga frå assyrarkongen. Korleis skal vi då sleppa unna?»

## Jesaja 21

### Babel fell

<sup>1</sup>Bodskap om ørkenen ved havet. Som stormen fer gjennom Negev, slik kjem det frå ørkenen, frå landet der redsle rår.

<sup>2</sup>Eit hardt syn har eg fått sjå: Svikarar svik, hærmenn herjar. «Fram, du Elam! Til åtak, du Media! Kvart sukk gjer eg ende på.»

<sup>3</sup> Difor rykkjer det i hoftene mine, rier tek meg som hos ei fødande kvinne. Eg er så forvirra at eg ikkje kan høyra, så redd at eg ikkje kan sjå.

<sup>4</sup> Mitt hjarte går seg vill, eg skjelv av redsle. Kvelden, som var min lengt, er no min skrekk.

<sup>5</sup> Dei dekkjer bord, dei breier ut teppe, dei et og drikk. «Opp, hovdingar, smør skjoldet!»

<sup>6</sup> For så sa Herren til meg: «Set ut ein vaktpost! Det han ser, skal han melda!

<sup>7</sup> Ser han eit tog med hestespann, eit tog med esel, eit tog med kamelar, då skal han lytta, lytta og lytta!»

<sup>8</sup> Og vaktmannen ropa: «Herre, dagen lang står eg på vakt, eg er på min post kvar einaste natt.

<sup>9</sup> Sjå, der kjem eit tog av vogner med folk og hestespann.» Så tok han til ords og sa: «Fallen, fallen er Babel! Alle gudebiletta i byen ligg knuste på jorda.»

<sup>10</sup> Å, mitt folk, du som er treskt på treskjeplassen! Det eg har høyrte frå Herren, allhærs Gud, Israels Gud, det har eg kunngjort for dykk.

### Edom

<sup>11</sup> Bodskap om Duma. Nokon ropar til meg frå Se'ir: «Vektar, kor langt på natt, vektar, kor langt på natt?»

<sup>12</sup> Vektaren svarar: «Det kjem ein morgon, men òg ei natt. Vil de spørja, så spør! Kom att ein annan gong!»

### Øydemarka

<sup>13</sup> Bodskap om øydemarka. De skal overnatta i krattet i øydemarka, karavanar frå Dedan!

<sup>14</sup> Møt dei tørste og gjev dei vatn, de som bur i Tema! Gå med brød til flyktningane!

<sup>15</sup> For dei har flykta for sverd, for dregne sverd og spente bogar og krigens tyngd.

<sup>16</sup> For så har Herren sagt til meg: Om eitt år, slik leigefolk reknar året, skal det vera slutt på all herlegdomen i Kedar.

<sup>17</sup> Det blir ikkje mange att av bogane til Kedar-heltane. For Herren, Israels Gud, har tala.

## Jesaja 22

### Jerusalem

<sup>1</sup> Bodskap om Syne-dalen. Kva er det med deg? Kvifor går alle opp på taka?

<sup>2</sup> Du som er full av høge rop, du ståkande by, du jublande by! Dine drepne er ikkje drepne med sverd, dei er ikkje døde i krig.

<sup>3</sup> Dine hovdingar flykta, alle som ein. Utan at bogen vart brukt, vart dei fanga. Alle dei fann, vart fanga, endå dei rømde langt av stad.

<sup>4</sup> Difor seier eg: «Sjå ikkje på meg når eg græt bittert! Press ikkje på meg trøyst når dotter til folket mitt er øydelagd.»

<sup>5</sup> Ein dag med redsle, nedtrakking og forvirring frå Herren, allhærs Gud, i Syne-dalen: Murar vart brotne ned og skrik lyfte mot fjellet.

<sup>6</sup> Elam lyfte pilkoggeret i tog av vogner, folk og hestar, og Kir tok dekket av skjolda.

<sup>7</sup> Dei finaste dalane dine vart fulle av vogner og hestar, dei stilte seg opp ved porten.

<sup>8</sup> Då tok han bort vernet frå Juda. Den dagen såg du etter våpna i Skoghuset.

<sup>9</sup> De såg til dei mange rivnene i Davidsbyen, de samla vatnet i Nedredammen,

<sup>10</sup> de talde husa i Jerusalem, de reiv hus for å styrkja muren,

<sup>11</sup> de laga ein dam mellom dei to murane for vatnet frå Gamledammen. Men de såg ikkje etter han som gjorde dette, de såg ikkje mot han som planla det for lenge sidan.

<sup>12</sup> Den dagen kalla han dykk, Herren, allhærs Gud, til å gråta og klaga, til å raka dykk snaue og kle dykk i sekkestrie.



**13** Men sjå, det er jubel og glede! De slår i hel oksar og slaktar sauer, et kjøt og drikk vin. «Et og drikk, for i morgon døyr vi!»

**14** Men Herren over hærskarane har openberra for mine øyre: «Sanneleg, denne skulda blir ikkje sona så lenge de lever!» seier Herren, allhærs Gud.

### **Sjebna og Eljakim**

**15** Så seier Herren, allhærs Gud: Gå inn til denne forvaltaren Sjebna, han som styrer kongens hus!

**16** Kva har du her, og kven har du der, sidan du hogg deg ut ei grav? Han hogg seg ei grav på ein høg stad, holar seg ut ein bustad i berget.

**17** Sjå, Herren skal slengja deg bort, ja, slengja deg bort, du mann. Han skal rulla deg saman,

**18** nysta deg til eit nyste, kasta deg som ein ball til eit vidstrekt land. Der skal du døy, og der skal stasvognene dine enda, du skam for huset til herren din!

**19** Eg vil driva deg bort frå di stilling og riva deg ned frå din plass.

**20** Og den dagen vil eg kalla på tenaren min, Eljakim, son til Hilkia.

**21** Eg vil kle han i di drakt, spenna ditt belte om han og leggja di makt i hans hender. Han skal vera ein far for innbyggjarane i Jerusalem og Judas hus.

**22** Eg legg nøkkelen til Davids hus på skuldra hans. Når han opnar, skal ingen lukka, og når han lukkar, skal ingen opna.

**23** Eg slår han inn som ein knagg på ein sikker stad. Han skal bli eit æresete for farshuset sitt.

**24** På han skal dei hengja heile tyngda av farshuset hans, både spirer og blad, alle små kar, frå skåler til krukker.

**25** Den dagen, seier Herren over hærskarane, skal han losna, knaggen som vart slegen inn på ein sikker stad. Han skal rivast ut og falla ned, og det som hang på han, skal knusast. For Herren har tala.

## **Jesaja 23**

### **Tyros og Sidon**



- <sup>1</sup> Bodskap om Tyros. Klag, de Tarsis-skip! Alt utsletta, husa borte! Då dei kom frå kittearlandet, fekk dei sjå det.
- <sup>2</sup> Ver stille, de som bur ved kysten, de kjøpmenn frå Sidon! Sendeboda dine drog over havet,
- <sup>3</sup> over dei veldige vatna. Sjihors såkorn og Nilens kornhaust gav byen inntekt, han var marknadsplassen til folka.
- <sup>4</sup> Skam deg, Sidon, du festning ved havet! For havet seier: «Eg har ikkje rier og føder ikkje, eg fostrar ikkje gutar og oppdreg ikkje jenter.»
- <sup>5</sup> Når egyptarane får høyra om det, skal dei skjelva som då dei høyrde om Tyros.
- <sup>6</sup> Dra over til Tarsis, klag, de som bur ved kysten!
- <sup>7</sup> Er dette den jublende byen dykkar, han som vart til i den eldste tida og førte sitt folk på raske føter til fjerne stader der dei kunne bu?
- <sup>8</sup> Kven har planlagt dette mot kroningsbyen Tyros, der kjøpmennene var fyrstar, der kremmarane var dei fornemste på jorda?
- <sup>9</sup> Herren over hærskarane har planlagt det for å audmjuka alt som er stort og stolt, og vanæra alle dei fornemme på jorda.
- <sup>10</sup> Dyrk jorda di slik dei gjer langs Nilen, du Tarsis-dotter! Her finst ikkje lenger noka hamn.
- <sup>11</sup> Herren har strekt si hand ut over havet og fått kongerike til å skjelva. Han har gjeve påbod om at festningane i Kanaan skal utslettast.
- <sup>12</sup> Han sa: Du skal ikkje jubla meir, dotter Sidon, du mishandla jomfru. Stå opp og dra til kittearane! Heller ikkje der skal du finna ro.
- <sup>13</sup> Sjå kaldearlandet! Dei er folket, ikkje Assur. Dei overlét byen til ørkendyr, dei reiste sine kringsetjingstårn, jamna borgene med jorda og la byen i grus.
- <sup>14</sup> Klag, de Tarsis-skip, for festninga di er øydelagd.

<sup>15</sup> På den tid skal Tyros bli gløymd i sytti år, så lenge som ein konge lever. Men når dei sytti åra er lidne, skal det gå Tyros som det heiter i visa om hora:

<sup>16</sup>Ta di lyre og gå rundt i byen, du gløymde hore. Spel vakkert, syng alt du kan, og folk vil minnst deg.

<sup>17</sup>Når dei sytti åra er lidne, skal Herren ta seg av Tyros. Då skal byen atter få horepengar og driva hor med alle kongerike på jorda.

<sup>18</sup> Men den vinning og løn som byen får, skal vera heilag for Herren. Det skal ikkje samlast og ikkje gøymast. Dei som bur framfor Herrens andlet, skal få denne fortienesta, så dei kan eta seg mette og kle seg flott.

## Jesaja 24

### Det store omskiftet

<sup>1</sup>Sjå, Herren herjar jorda og legg henne aud, vrid andletet hennar og spreier dei som bur der.

<sup>2</sup>Då går det folk som prest, slave som herre, slavekvinne som husfrue, kjøpar som seljar, långjevar som låntakar, innkrevjar som skuldnar.

<sup>3</sup>Herjast, herjast skal jorda og plyndrast, plyndrast, for dette ordet har Herren tala.

<sup>4</sup>Jorda sørgjer og visnar, verda tørkar bort og visnar, både jorda og det høge tørkar bort.

<sup>5</sup>Jorda er vanhelga av dei som bur der. For dei har sett seg ut over lover, forandra forskrifter, brote den evige pakta.

<sup>6</sup>Difor blir jorda fortært av forbanning. Dei som bur der, må bøta for si skuld. Difor brenn dei som bur på jorda, berre ein liten rest blir att.

<sup>7</sup>Den nye vinen sørgjer, vinstokken tørkar bort, alle som gledde seg i hjarta, dei sukker.

<sup>8</sup>Dei glade trommene teier, lyden av jubel stilnar, den glade lyra teier.

<sup>9</sup>Folk drikk ikkje vin til song, det sterke smakar bittert for den som drikk.

- <sup>10</sup>Knust er den aude byen, stengt er kvart hus, ingen slepp inn.
- <sup>11</sup>I gatene er det klagerop, dei har ikkje vin, all glede har mørkna, fryd er vist bort frå landet.
- <sup>12</sup>Byen er øydelagd, porten er knust.
- <sup>13</sup> For blant folka på jord skal det bli som når ein slår ned oliven, som når dei siste druene blir plukka.
- <sup>14</sup>Dei ropar høgt og jublar over Herrens velde. Dei ropar av glede i vest.
- <sup>15</sup>«Så gjev ære til Herren i aust, til namnet åt Herren, Israels Gud, ved kystane i vest!»
- <sup>16</sup>Frå enden av jorda høyrer vi songar som prisar Den rettferdige.

### Den siste trengsla

Men eg må seia: Det er ute med meg, ute med meg, ve meg! Svikarar svik!  
Svik! Svikarar svik!

- <sup>17</sup>Det blir gru og grav og garn for deg som bur på jorda!
- <sup>18</sup> Den som flyktar frå gru, skal falla i grav, kjem han seg opp or grava, skal han bli fanga i garnet. For slusene i det høge er opna, grunnvollane under jorda skjelv.
- <sup>19</sup>Jorda rivnar og rister, jorda vaklar og vinglar, jorda skjelv og skakar,
- <sup>20</sup>jorda sjanglar som ein drukken og svaiar som eit skur. Synda ligg tungt på henne, ho fell og reiser seg ikkje meir.
- <sup>21</sup>Den dagen skal Herren straffa den høge hæren i det høge og kongane på jorda.
- <sup>22</sup>Dei skal samlast som fangar i eit hol, stengjast inne i eit fengsel og langt om lenge få si straff.
- <sup>23</sup> Då skal månen bli til spott og sola til skamme. For Herren over hærskarane er konge på Sion-fjellet og i Jerusalem. Hans eldste skal sjå hans herlegdom.

## Jesaja 25

### Valdsmenns velde er forbi

<sup>1</sup> Herre, du er min Gud. Eg lovsyng deg og prisar ditt namn. Du har gjort under slik du planla i gammal tid, i truskap og sanning.

<sup>2</sup> Byen gjorde du til ei steinrøys, festningsbyen til ein ruin. Borga til dei framande er ingen by meir. Aldri skal ho byggjast opp att.

<sup>3</sup> Difor skal eit mektig folk gje deg ære, folkeslag i valdsmenns by skal frykta deg.

<sup>4</sup> Du vart eit vern for dei veike, eit vern for dei fattige i deira naud, ei livd mot styrtregn, ein skugge mot heten. For pusten frå valdsmenn er som styrtregn mot muren,

<sup>5</sup> som hete i eit uttørka land. Du får larmen frå dei framande til å stilna. Som ei sky gjev skugge mot heten, vart songen til valdsmenn dempa.

### Herrens festmåltid

<sup>6</sup> På dette fjellet skal Herren over hærskarane gjera i stand for alle folk eit festmåltid med feite retter, eit festmåltid med gammal vin, med feite, mergfulle retter og gammal, klåra vin.

<sup>7</sup> På dette fjellet skal han sluka sløret som slører til alle folk, dekket som dekkjer til alle folkeslag.

<sup>8</sup> Han skal sluka døden for evig. Herren Gud skal tørka tårene frå kvart andlet. Frå heile jorda skal han ta bort vanæra til folket sitt. For Herren har tala.

<sup>9</sup> Den dagen skal dei seia: «Sjå, dette er vår Gud! Vi vona på han, og han frelste oss. Dette er Herren, vi vona på han. Lat oss jubla og gleda oss over hans frelse!»

### Moab går under

<sup>10</sup> For Herrens hand skal kvila over dette fjellet. Men Moab skal han trakka ned slik halm blir trakka ned i gjødselvatn.

<sup>11</sup> Der strekkjer han ut hendene lik ein symjar som legg på sum. Men Gud slår hans hovmod ned sjølv om han kavar med hendene.

<sup>12</sup> Dine høge festningsmurar bryt han ned, riv dei ned til dei ligg på jorda, i støvet.

## Jesaja 26

### Takkesong

<sup>1</sup> Den dagen skal denne songen syngjast i Juda-landet: Byen er vår styrke. Til frelse reiser han vollar og vern.

<sup>2</sup> Lat portane opp så det rettferdige folket kan dra inn, dei som held fast ved sin truskap.

<sup>3</sup> Du gjev varig fred til dei som har eit stødig sinn, for dei stolar på deg.

<sup>4</sup> Stol på Herren til alle tider, for han, Herren, er eit evig berg.

<sup>5</sup> Han har bøygd dei som bur i det høge, den opphøgde byen riv han ned, riv ned til grunnen og legg han i støvet.

<sup>6</sup> Fattige føter og svake steg skal trakka han under fot.

### Lengt og tillit i nauda

<sup>7</sup> For den rettferdige er vegen jamn. Jamn er stigen du bryt for den rettferdige,

<sup>8</sup> den vegen lovene dine viser. Herre, vi har sett vår von til deg, sjela lengtar etter ditt namn og ditt minne.

<sup>9</sup> Mi sjel lengtar etter deg om natta, ja, ånda i meg leitar etter deg. For når dine lover gjeld på jorda, lærer dei rettferd, dei som bur i verda.

<sup>10</sup> Om den urettferdige får nåde, lærer han ikkje rettferd. Han gjer urett i rettens land og ser ikkje Herrens velde.

<sup>11</sup> Herre, di hand er lyft, men ingen ser det. Dei skal sjå din lidenskap for folket og skjemmast. Eld skal fortæra motstandarane dine!

<sup>12</sup> Herre, du gjev oss fred, for alt vi har gjort, har du gjort for oss.

<sup>13</sup> Herre, vår Gud! Andre herrar enn du har herska over oss, berre deg og ditt namn vil vi prisa.

**14** Døde blir ikkje levande, daudingar står ikkje opp. For du har kravd dei til rekneskap og gjort ende på dei, utsletta kvart minne om dei.

**15** Du har gjort folket større, Herre, gjort folket større og vist din herlegdom, du har utvida alle grensene i landet.

**16** Herre, dei søkte deg i nauda og kviskra fram bønner då du straffa dei.

**17** Slik ei kvinne vrid seg og skrik når riene kjem og ho skal føda, slik er vi for ditt andlet, Herre.

**18** Vi var med barn, vi fekk rier, men vi fødde vind. Vi har ikkje skaffa landet frelse, ingen blir fødd til å bu på jorda.

**19** Dine døde skal bli levande, mine lik skal stå opp. Vakna og rop av fryd, de som ligg i støvet! For di dogg er ei dogg av lys, og jorda gjer daudingar levande.

**20** Gå, mitt folk! Gå inn i dine rom og lat att dørene etter deg! Løyn deg ei lita stund til harmen er gått over!

**21** Og sjå, Herren går ut frå sin stad for å la dei som bur på jorda, stå til rekneskap for si synd. Jorda skal visa fram sitt blod og ikkje lenger løyna dei drepne.

## Jesaja 27

**1** Den dagen skal Herren straffa med sitt harde og store og sterke sverd den flyktande slangen Leviatan, den buktande slangen Leviatan. Han skal drepa uhyret i havet.

### Herren vaktar vingarden sin

**2** Den dagen skal dei seia: Syng om den herlege vingarden!

**3** Eg, Herren, vaktar han og vatnar han til alle tider. Eg vaktar han dag og natt så ingen skal skada han.

**4** Harm er eg ikkje, men om han gjev meg torn og tistel, vil eg gå til strid og brenna opp alt saman,

**5** om han ikkje søker vern hos meg og sluttar fred, ja, sluttar fred med meg.

## Herren skal samla folket sitt

<sup>6</sup>I dagar som kjem, skal Jakob slå rot, Israel skal veksa og bløma og fylla jorda med grøde.

<sup>7</sup>Har han slege dei slik han slo han som slo dei? Eller vart dei drepne slik dei som drap dei, vart drepne?

<sup>8</sup>Ved å skremma dei opp og jaga dei bort gjekk du i rette med dei. Han dreiv dei bort med sin sterke storm på austavindsdagen.

<sup>9</sup>Slik skal Jakobs skuld sonast, dette er fruktene av at synda hans blir teken bort: Kvar altarstein skal bli knust som kalkstein. Asjera-pålane og røykjelsesaltara skal ikkje bli ståande.

<sup>10</sup>Einsam er festningsbyen, ein folketom buplass, forlaten som ein ørken. Der beiter kalven, han legg seg og et opp kvar kvist.

<sup>11</sup>Når greinene tørkar, blir dei knekte. Kvinner kjem og tenner opp med dei. Dette er ikkje eit folk med forstand. Han som laga det, vil ikkje ha medkjensle, han som forma det, vil ikkje vera nådig.

<sup>12</sup>På den dagen skal Herren slå korn ut av aksa frå Storelva til Egyptarbekken, og de israelittar skal samlast inn ein og ein.

<sup>13</sup>Den dagen skal dei blåsa i eit stort horn. Og dei bortkomne i Assur og dei som er spreidde omkring i Egypt, skal koma og tilbe Herren på det heilage fjellet i Jerusalem.

## Jesaja 28

### Storm over leiarane i Samaria

<sup>1</sup>Ve den prektige kransen, Efraims herlege hovudpryd, ein visnande blome. Efraims fruktbare landskap er krona av fulle menn utslegne av vin.

<sup>2</sup>Sjå, Herren har ein som er sterk og mektig som ei haglskur og ein herjande storm, som ei kraftig regnskur med vatn som fløymer. Med handa slår han den prektige kransen til jorda,

<sup>3</sup>Efraims fulle menn skal trakkast under fot.



<sup>4</sup>Den visnande blomen, hans herlege hovudpryd på toppen av den grøderike dalsida, skal bli som ein forsommarfiken: Ikkje før har nokon sett han og fått han i handa, så er han slukt.

<sup>5</sup>Den dagen skal Herren over hærskarane bli ein fager krans og ei strålande krone for den resten som er att av hans folk.

<sup>6</sup>Han skal gje rettens ånd til den som sit til doms, og styrke til dei som slår åtak tilbake frå porten.

### **Domsord mot prest og profet**

<sup>7</sup>Også desse sjanglar av vin, ravar av sterk drikk: prest og profet sjanglar av drikk, er fortumla av vin, ravar av drikk, sjanglar når dei har syn, vaklar når dei dømmer.

<sup>8</sup>For alle bord er fulle av spy og skit. Ikkje ein rein flekk!

<sup>9</sup>Kven vil han gje kunnskap? Og kven vil han forklara sin bodskap? Dei som er avvande frå mjølk, dei som er tekne frå brysta?

<sup>10</sup> «Sav lasav, sav lasav, kav lakav, kav lakav, litt her, litt der!»

<sup>11</sup> For med stammande lepper og på framandt tungemål skal han tala til dette folket,

<sup>12</sup> han som sa til dei: «Her er kvila, lat den trøyttte få kvila, her er ro.» Men dei ville ikkje høyra.

<sup>13</sup> Så skal Herrens ord til dei bli: «Sav lasav, sav lasav, kav lakav, kav lakav, litt her, litt der!» – så dei skal snubla når dei går, falla bakover og skamslå seg, gå i snara og bli fanga.

### **Hjørnesteinen på Sion**

<sup>14</sup>Difor, høyr Herrens ord, de spottarar som herskar over dette folket i Jerusalem!

<sup>15</sup> For de seier: «Vi har gjort pakt med døden og gjort avtale med dødsriket. Når flaumen kjem fløymande, skal han ikkje nå oss. For vi har gjort løgn til vårt ly og gøymt oss bak svik.»

<sup>16</sup> Difor, så seier Herren Gud: Sjå, eg legg ein grunnstein på Sion, ein stein som er utprøvd, ein kostesam hjørnestein, eit sikkert fundament. Den som trur, har inga hast.

### **Underleg er Herrens gjerning**

<sup>17</sup>Eg vil gjera rett til målesnor, rettferd til vektlodd. Hagl skal sopa bort lyet av løgn, vatn skal fløyma over gøymestaden.

<sup>18</sup>Pakta med døden skal opphevast, avtalen med dødsriket skal ikkje stå ved lag. Når flaumen kjem fløymande, skal de trakkast ned.

<sup>19</sup>Kvar gong han kjem, skal han ta dykk. For han kjem, morgon etter morgon, dag og natt. Den som skjønar bodskapen, må skjelva.

<sup>20</sup>Senga er for kort til å strekkja seg i og teppet for lite til å dekkja seg med.

<sup>21</sup> For Herren skal reisa seg som på Perasim-fjellet og rasa som i dalen ved Gibeon. Han skal gjera si gjerning, ei underleg gjerning. Han skal utføra sitt verk, eit framandt verk.

<sup>22</sup> Og no, hald opp med å spotta så lenkjene ikkje blir stramma! For frå Herren, allhærs Gud, har eg høyrte at utsletting er fastsett for heile jorda.

### **Gud er stor i visdom**

<sup>23</sup>Vend øyret til og høyr på meg, lytt og høyr kva eg seier!

<sup>24</sup>Når bonden vil så, held han då på heile tida med å pløya, snu og harva si jord?

<sup>25</sup> Når han har jamna åkeren, spreier han ikkje då dill og strør ut karve, sår han ikkje kveite i rader, bygg på ein høveleg stad og spelt langs kantane?

<sup>26</sup>Hans Gud har vist han den rette måten og lært han korleis det skal gjerast.

<sup>27</sup>For dill blir ikkje treskt med slede, og karve blir ikkje overkøyrd av vognhjul. Nei, dill blir banka ut med stav og karve med kjepp.

<sup>28</sup>Blir brødkornet knust? Nei, ein treskjer det ikkje for alltid. Ein driv vognhjul og hestar over det, men lèt dei ikkje knusa kornet.

<sup>29</sup>Også dette kjem frå Herren over hærskarane. Hans råd er underfulle, hans visdom er stor.

## Jesaja 29

### Trengsle for Jerusalem

<sup>1</sup>Ve Ariel, Ariel, byen som David kringsette! Legg år til år, lat høgtider koma og gå!

<sup>2</sup>Eg gjer det trongt for Ariel, det skal bli sorg og sut, då skal byen bli eit Ariel for meg.

<sup>3</sup>Eg skal kringsetja deg som David, omringa deg med vollar og reisa skansar imot deg.

<sup>4</sup>Då blir du bøygd og må tala frå jorda, nede frå støvet kjem ditt ord, som gjenferd frå jorda er di røyst, og frå støvet kviskrar du ditt ord.

<sup>5</sup>Dei mange frekke skal bli som fint støv, dei mange valdsmenn som fykande agner. Brått, på ein augneblink,

<sup>6</sup>kjem straffa frå Herren over hærskarane, med tore og jordskjelv og tunge drønn, med vindkast og storm og fortærande logar av eld.

<sup>7</sup>Som ein draum, eit syn om natta, skal dei mange folkeslaga vera som kjempar mot Ariel, alle som kjempar mot byen og borga og gjer det trongt for han.

<sup>8</sup>Det blir som når den svoltne drøymmer, og sjå, der er mat! og han vaknar og er like svolten, som når den tørste drøymmer, og sjå, der er drikke! og han vaknar, utsliten og tørst. Slik skal det gå med dei mange folkeslaga som kjempar mot Sion-fjellet.

### Eit synkvervt folk

<sup>9</sup>Forvirr dykk sjølve og ver forvirra, klin auga att og ver blinde! Ver fulle, men ikkje av vin, sjangla, men ikkje av sterk drikk!

<sup>10</sup>For Herren har aust over dykk ei ånd som gjev djup søvn. Han har late att auga dykkar – profetane, og dekt til hovuda dykkar – sjåarane.

<sup>11</sup>For dykk har kvart syn vorte som orda i ei forseгла bok. Gjev dei henne til ein som skjønar skrift, og seier «les dette!» så svarar han: «Eg kan ikkje, ho er forseгла.»

<sup>12</sup>Og gjev dei boka til ein som ikkje skjønar skrift, og seier «les dette!» så svarar han: «Eg skjønar ikkje skrift.»

<sup>13</sup> Herren sa: Dette folket kjem nær meg med munnen og ærar meg med leppene, men hjartet er langt borte frå meg, og den frykt dei har for meg, er eit tillært menneskebod.

<sup>14</sup> Difor vil eg framleis forundra dette folket på underleg og underfullt vis. Då skal visdomen til deira vise forgå, og klokskapen til deira kloke skal løyna seg.

### **Pottetakaren og leira**

<sup>15</sup> Ve dei som søker ned i djupet, bort frå Herren, for å løyna sin plan! I mørkret skjer gjerningane deira. Dei seier: «Kven ser oss? Kven veit om oss?»

<sup>16</sup> De snur det opp ned! Skal ikkje pottetakaren setjast høgare enn leira? Kan verket seia om handverkaren: «Han har ikkje laga meg», og karet om pottetakaren: «Han skjønar ingenting»?

### **Guds namn skal helgast**

<sup>17</sup> Om berre ei lita stund skal Libanon bli ein frukthage, og ein frukthage skal reknast som skog.

<sup>18</sup> Den dagen skal dei døve høyra skrivne ord, og sjølv i skumring og mørker skal blinde auge sjå.

<sup>19</sup> Igjen skal dei hjelpelause gleda seg i Herren, dei fattigaste blant menneska skal jubla over Israels Heilage.

<sup>20</sup> For det er ute med valdsmannen, borte er spottaren, utrydda er alle vondskapens vaktarar,

<sup>21</sup> dei som med sitt ord dømde folk skuldige, la snarer for den som hevda retten i byporten, og med tomme ord dreiv rettferdige bort.

<sup>22</sup>Difor, så seier Herren til Jakobs hus, han som fria ut Abraham: No skal ikkje Jakob bli til skamme, no skal ikkje andletet hans bleikna meir.

<sup>23</sup> For når han og borna hans ser det mine hender har gjort iblant dei, då skal dei helga mitt namn, dei skal helga han som er Jakobs Heilage, og skjelva for Israels Gud.

<sup>24</sup> Dei som går seg vill i ånda, skal få innsikt, og dei som murrar, skal få lærdom.

## Jesaja 30

### Egypt kan ikkje gje vern

<sup>1</sup> Ve dei trassige borna! seier Herren. Dei gjennomfører planar som ikkje er frå meg, og sluttar forbund som ikkje er i mi ånd. Slik legg dei synd til synd.

<sup>2</sup> Dei dreg ned til Egypt for å søkja vern hos farao og finna livd i skuggen av Egypt, men dei spør ikkje meg om råd.

<sup>3</sup> Men faraos vern skal bli til skam for dykk, livd i skuggen av Egypt skal bli til vanære.

<sup>4</sup> For stormennene er i Soan, og sendemennene har nådd fram til Hanes,

<sup>5</sup> men dei blir alle til skamme hos eit folk som ikkje kan hjelpa dei, som korkje er til hjelp eller nytte, men berre til skam og vanære.

<sup>6</sup> Bodskap om dyra i Negev. Gjennom eit land med naud og trengsle, løver og løvinner, hoggorm og flygande serafslangar fører dei sin rikdom på eselrygg, sine skattar på kamelpuklar til eit folk som ikkje kan hjelpa.

<sup>7</sup> Egypt er forgjengeleg, hjelpa er fåfengd. Difor kallar eg landet «Rahab gjord roleg».

<sup>8</sup> Gå no og skriv dette på ei tavle for dei, skriv det inn i ein bokrull så det for komande dagar kan vera eit vitnemål til evig tid.

### Urett fører til fall

<sup>9</sup> For dette er eit trassig folk, born som lyg, born som ikkje vil lyda Herrens lov.



**10** Dei seier til sjåarane: «Ikkje sjå!» og til profetane: «Ikkje kom til oss med syn om det som er rett! Sei oss glatte ord, kom til oss med illusjonar.

**11** Vik av frå vegen, bøyy av frå stigen, lat oss vera i fred for Israels Heilage.»

**12** Difor seier Israels Heilage: De forkasta dette ordet, sette lit til vald og svik og støtta dykk til slikt.

**13** Difor blir dykkar skuld lik ein sprekk som utvidar seg i ein høg mur, til muren brått, på ein augneblink, fell saman og blir knust.

**14** Han blir knust slik eit leirkar blir slege sund og ikkje teke vare på. Blant bitane finst det ikkje eitt skar som kan brukast til å henta glør frå eldstaden eller til å ausa vatn frå brønnen.

### I stille og tillit

**15** For så seier Herren Gud, Israels Heilage: «Vender de om og held dykk i ro, skal de bli frelste. I stille og tillit skal dykkar styrke vera.» Men de ville ikkje.

**16** De sa: «Nei, vi rømmer til hest!» Jammen skal de rømme! «Vi rid på raske hestar!» Dei som forfølgjer, er raskare!

**17** Tusen skal flykta når éin mann trugar, for trugsmål frå fem skal de rømme til det ikkje er anna att av dykk enn ei stong på ein fjelltopp, eit banner på ein haug.

**18** Og difor lengtar Herren etter å visa dykk nåde, difor reiser han seg for å visa dykk miskunn. For Herren er rettens Gud. Sæle er alle som ventar på han!

### Dette er vegen

**19** Du folk på Sion, du som bur i Jerusalem, gråt ikkje meir! Når du ropar, vil han vera deg nådig. Når han høyrer, vil han svara deg.

**20** Herren gjev dykk naudbrød og trengselsvatn. Men læraren din skal ikkje lenger løyna seg. Auga dine skal sjå læraren,

**21** og øyra dine skal høyra dette ordet bak deg: «Dette er vegen, gå på den!» når du vil til høgre eller til venstre.

<sup>22</sup> Då skal de halda for ureine dei sølvkledde gudebileta du har, og gullplatene på dei støypte bileta. Du skal slengja dei bort som ureine filler. «Skit!» skal du seia.

<sup>23</sup> Då skal han gje regn til kornet du sår i åkeren, og brød av grøda som åkeren ber, og det skal vera rikeleg og raust. Den dagen skal buskapen din få beita på vide marker.

<sup>24</sup>Oksane og esla som arbeider på åkeren, får eta surt fôr som blir kasta til dei med skyffel og greip.

<sup>25</sup> På alle høge fjell og alle store haugar skal det vera bekker og rennande vatn på den store drapsdagen når tårna fell.

<sup>26</sup>Månen skal lysa som sola, og sollyset skal bli sju gonger så sterkt, lik lyset for sju dagar, den dagen Herren forbind sitt knuste folk og lækjer såret etter slaga.

### Assur fell

<sup>27</sup> Sjå, Herrens namn kjem frå det fjerne. Hans vreide er brennande, børa hans tung, leppene fulle av harme, tunga som fortærande eld.

<sup>28</sup>Pusten hans er lik ei fløymande elv som rekk til halsen. Han legg eit åk av løgn på folkeslaga, eit beksel som fører vill, i munnen på folka.

<sup>29</sup> Då skal det vera song hos dykk som i ei natt då ein helgar seg til fest, og hjartet skal gleda seg lik ein som kjem med fløytespel til Herrens fjell, til Israels berg.

<sup>30</sup> Herren lèt si veldige røyst lyda og viser sin arm som slår med brennande vreide og fortærande eld, med storm og styrtregn og haglsteinar.

<sup>31</sup> Ja, Assur blir teken av redsle for Herrens røyst når han slår med staven.

<sup>32</sup>Og til kvar omgang Herren gjev når han svingar sin straffande stakk over han, er det spel av tromme og lyre. I striden svingar han armen sin og fører kampen mot han.

<sup>33</sup> Ja, ein eldstad er alt laga til, og han er tiltenkt kongen. Bålet er gjort høgt og vidt med eld og ved i mengd. Og som ein svovelstraum skal Herrens pust setja det i brann.

## Jesaja 31

### Guds makt og menneskemakt

<sup>1</sup> Ve dei som dreg ned til Egypt etter hjelp! Dei støttar seg til hestar, dei stolar på vogner fordi dei er mange, og på ryttarar fordi dei er talrike. Men dei vender seg ikkje til Israels Heilage, dei søker ikkje Herren.

<sup>2</sup> Men han òg er vis. Han lèt ulukka koma, sine ord tek han ikkje attende. Han reiser seg mot huset til dei vonde og mot ugjerningsmenn som kjem til hjelp.

<sup>3</sup> Egyptarane er menneske, ikkje gudar, hestane er kjøt, ikkje ånd. Herren strekkjer ut handa. Då snublar den som hjelper, då fell den hjelpte, dei skal gå til grunne alle saman.

<sup>4</sup> For så har Herren sagt til meg: Slik løva og ungløva knurrar over sitt bytte og ikkje blir skremde av rop eller dukkar seg for ståk når ein stor flokk gjetarar samlar seg mot dei, slik skal Herren over hærskarane stiga ned og strida mot Sions fjell og høgd.

<sup>5</sup> Lik flygande fuglar skal Herren over hærskarane forsvara Jerusalem, forsvara og berga, gå forbi og fria ut.

<sup>6</sup> Vend om til han som israelittane har falle frå så djupt!

<sup>7</sup> Den dagen skal alle forkasta avgudane i sølv og avgudane i gull som hendene dykkar har laga til synd.

<sup>8</sup> Assur skal falla, men ikkje for sverdet til ein mann, han skal fellast, men ikkje av menneskesverd. Han skal flykta for sverdet, hans unge menn må gjera tvangsarbeid.

<sup>9</sup> Hans berg skal dra bort i redsle, hans fyrstar skremmast bort frå banneret, seier Herren, han som har ein eld i Sion og ein omn i Jerusalem.

## Jesaja 32



### Når kongen rår med rettferd

- <sup>1</sup> Sjø, med rettferd skal kongen råda og stormenn styra med rett.
- <sup>2</sup> Dei skal vera som ei livd mot vinden og eit skjul mot styrtregn, som rennande bekker i tørt land, som skuggen av eit mektig berg på utpint jord.
- <sup>3</sup> Sjøande auge blir ikkje blinde, høyrande øyre skal lytta.
- <sup>4</sup> Tankelause hjarte skal læra å skjøna, stammande tunger skal tala lett og klårt.
- <sup>5</sup> Døren skal ikkje lenger kallast stormann og kjeltringen ikkje kallast fornem.
- <sup>6</sup> For døren talar dårskap, hjartet hans valdar vondt: Han gjer gudlaus gjerning, talar gale om Herren, lèt den svoltne sakna mat og den tørste mangla drikke.
- <sup>7</sup> Våpna til kjeltringen er vonde. Han legg skamlause planar, vil skada dei hjelpelause med løgn når den fattige talar si sak.
- <sup>8</sup> Men stormannen legg store planar. Han står fast på det som er stort.

### Før frelsetida kjem

- <sup>9</sup> Sorglause kvinner, stå opp, høyr mi røyst! Trygge døtrer, lytt til mitt ord!
- <sup>10</sup> I dagar og år skal de skjelva, de trygge. For vinhausten slår feil, frukthhausten kjem ikkje.
- <sup>11</sup> Skjelv, de sorglause, skjelv, de trygge! Kled dykk nakne, bind sekkestrie om hoftene!
- <sup>12</sup> Dei klagar over brysta, over dei herlege åkrane, over dei grøderike vinstokkane,
- <sup>13</sup> over jorda til folket mitt der torn og tistel skyt opp, ja, over kvart lukkeleg hus i den jublande byen.
- <sup>14</sup> For borga er oppgjeven og den larmande byen forlaten. Haug og vaktårn har for alltid vorte til gøymestader der villesel gleder seg og buskapar beiter,

<sup>15</sup> heilt til Ande blir aust ut over oss frå det høge. Då skal ørkenen bli til ein frukthage, og ein frukthage skal reknast for skog.

<sup>16</sup>I ørkenen skal retten slå seg ned, i frukthagen skal rettferd bu.

<sup>17</sup>Då skal rettferds verk vera fred, rettferds gjerning tryggleik og ro til evig tid.

<sup>18</sup> Mitt folk skal bu på ein fredeleg buplass, i trygge heimar og på sikre kvilestader.

<sup>19</sup> Skogen skal fellast og falla, byen skal søkka i djupet.

<sup>20</sup>Sæle er de som sår ved alle vatn, og som lèt okse og esel gå fritt omkring.

## Jesaja 33

### Jerusalems naud og frelse

<sup>1</sup> Ve deg som herjar, men ikkje sjølv er herja, ve deg som svik utan å vera sviken! Når du har herja frå deg, skal du herjast, når du har svike ferdig, skal dei svika deg.

<sup>2</sup> Ver oss nådig, Herre, til deg set vi vår von! Ver vår styrke morgon etter morgon, vår frelse når vi er i naud!

<sup>3</sup> For den veldige larmen flyktar folka, når du reiser deg, blir folkeslag spreidde.

<sup>4</sup> Dei sankar bytte hos dykk som gnagande grashopper, dei stormar fram i sverm.

<sup>5</sup> Opphøgd er Herren, han bur i det høge. Han fyller Sion med rett og rettferd.

<sup>6</sup> Då skal trygge tider koma til deg, rikdom av frelse, visdom og kunnskap, frykt for Herren, det er hans skatt.

<sup>7</sup> Sjå, folket i Ariel klagar på gata, dei som tinga om fred, græt bittert.

<sup>8</sup> Vegane ligg aude, ingen ferdast meir på stigane. Pakta blir broten, vitne forakta, eit menneske blir ikkje rekna for noko.

- <sup>9</sup> Landet sørgjer og tørkar ut, Libanon visnar av skam, Saron er som ei øydemark, Basan og Karmel mistar lauvet.
- <sup>10</sup> No vil eg reisa meg, seier Herren, no vil eg stå opp, no vil eg stiga fram.
- <sup>11</sup> De avlar høy og føder halm, pusten dykkar er ein eld som fortærer dykk.
- <sup>12</sup> Folka blir brende til kalk, sette fyr på som nedhogge tornekraut.
- <sup>13</sup> Høyr kva eg vil gjera, de som er langt borte, kjenn min styrke, de som er nær!
- <sup>14</sup> Syndarane på Sion er slegne av redsle, angst grip dei ugudelege: «Kven av oss kan bu ved ein fortærande eld, kven av oss kan bu ved evige flammor?»
- <sup>15</sup> «Den som går rettferdig fram, talar det som er rett, foraktar fortêneste av utpressing, vinkar stikkpengar bort, lèt att øyra for rykte om drap og lèt att auga for det som er vondt,
- <sup>16</sup> han får bu på høge stader og får vern av fjellborger, han får sitt brød og har alltid vatn.»
- <sup>17</sup> Auga dine skal få sjå kor vakker kongen er, dei skal få sjå eit vidstrekt land.
- <sup>18</sup> I redsle skal hjartet ditt tenkja: Kvar er han som talde? Kvar er han som vog? Kvar er han som talde tårna?
- <sup>19</sup> Du kan ikkje sjå det frekke folket, folket med eit vanskeleg språk som ingen skjønar, med stammande tunge som ingen forstår.
- <sup>20</sup> Sjå på Sion, vår høgtidsby! Auga dine skal sjå Jerusalem, ein trygg buplass, eit telt som ikkje skal flyttast, med pluggar som aldri skal rykkjast opp, og snorer som ikkje skal slitast av.
- <sup>21</sup> For der er Herren, den mektige, med oss, ein stad med breie elvar og straumar. Men der skal ingen båt bli rodd og inga mektig skute segla.
- <sup>22</sup> For Herren er vår dommar, Herren er vår lovgjevar, Herren er vår konge, han skal frelsa oss.

<sup>23</sup>Taua dine er slakke, dei held ikkje stonga på plass og faldar ikkje ut banneret. Stort er det byttet som då blir fordelt, sjølv lamme ranar og røvar.

<sup>24</sup>Ingen innbyggjar skal seia: «Eg er sjuk.» Folket som bur der, har fått syndene sine tilgjevne.

## Jesaja 34

### Dommen over Edom

<sup>1</sup>Kom og høyr, de folkeslag, lytt, de folk! Jorda og alt som fyller henne, skal høyra, verda og alt som spirer der!

<sup>2</sup>For Herren er harm på alle folk, han er vreid på heile deira hær. Han har slege dei med bann og gjeve dei over til slakting.

<sup>3</sup>Dei drepne blir slengde til sides, stank stig frå lika, og blod flyt på fjella.

<sup>4</sup>Oppløyst blir heile himmelhæren, som ein bokrull blir himmelen rulla saman. Heile hans hær skal visna som lauvet på vinstokken visnar og frukta på fikentreet skrumpar inn.

<sup>5</sup>For sverdet mitt har drukke seg utørst i himmelen, no fer det ned over Edom til dom over folket eg slår med bann.

<sup>6</sup>Herren har eit sverd fullt av blod, det dryp av feitt, av blod frå lam og bukkar, av nyrefeitt frå vêrar. Det er offerslakting for Herren i Bosra, stor nedslakting i Edom.

<sup>7</sup>Saman med dei skal villoksar falla, unge stutar og sterke oksar. Jorda skal drikka seg utørst av blod og støvet gjødslast med feitt.

<sup>8</sup>Det er hemnens dag for Herren, året for gjengjeld i striden om Sion.

<sup>9</sup>Elvane skal bli til bek og støvet til svovel, landet blir til brennande bek.

<sup>10</sup>Korkje dag eller natt skal det slokna, evig skal røyken stiga. Frå slekt til slekt skal det liggja øyde, evig og aldri skal nokon kryssa det.

<sup>11</sup>Pelikan og hegre skal eiga det, ugle og ramn skal bu i det. Målesnor og lodd skal strekkjast over det, landet skal bli audt og tomt.

<sup>12</sup>Det finst ikkje stormenn der som kan utropa ein konge, det er ute med alle leiarar.

<sup>13</sup> I slotta veks det tornekratt, nesler og tistlar i borgene. Landet blir buplass for sjakalar, tilhaldsstad for strutsar.

<sup>14</sup> Hyenar og ørkendyr møtest, bukkar kallar på kvarandre. Lilit slår seg òg til ro der og finn seg ein kvilestad.

<sup>15</sup>Små ugler byggjer reir og legg sine egg der, rugar og klekkjer dei ut i skuggen. Falkane samlast der med kvarandre.

<sup>16</sup> Sjå etter i Herrens bok og les! Ikkje éin av desse skal mangla, ingen skal leita etter dei andre. For Herrens munn har gjeve påbodet, det er hans Ande som samlar dei,

<sup>17</sup>og det er han som har kasta lodd for dei. Med målesnor i handa deler han landet mellom dei. Dei skal ta det i eige til evig tid og bu der frå slekt til slekt.

## Jesaja 35

### Den heilage vegen

<sup>1</sup>Ørken og tørt land skal gleda seg, øydemarka skal jubla og bløma, som lilja  
<sup>2</sup>skal ho bløma og jubla, ja, ropa av fryd. Libanons herlegdom har ho fått, Karmels og Sarons glans. Dei skal få sjå Herrens herlegdom, glansen frå vår Gud.

<sup>3</sup>Styrk dei slappe hender, gjer dei ustøe knea sterke!

<sup>4</sup>Sei til dei urolege hjarta: Ver sterke, ikkje redde! Sjå, dykkar Gud! Han kjem med hemn, med gjengjeld frå Gud. Sjølv kjem han og frelser dykk.

<sup>5</sup>Då skal blinde auge opnast og dauve øyre latast opp.

<sup>6</sup>Då skal den lamme springa som ein hjort, og tunga til den stumme skal jubla. For vatn bryt fram i ørkenen og bekker i øydemarka.

<sup>7</sup>Glødande sand blir til innsjø, det tørste land til kjelder med vatn. Sjakalars buplass blir ein kvilestad der graset gror mellom røyr og siv.

<sup>8</sup>Og der skal det vera ein veg, Den heilage vegen skal han kallast. På den skal ingen urein ferdast. Han skal vera der for dei. Ingen som går på vegen, sjølv ikkje dårar, skal gå seg vill.

<sup>9</sup>Men der skal det ikkje vera noka løve, rovdyr skal ikkje gå på han, dei skal ikkje finnast meir. Men dei som er løyste ut, skal gå der,

<sup>10</sup>dei som Herren har fria ut, skal venda attende. Dei kjem til Sion med jubel, med evig glede om si panne. Fryd og glede grip dei, sorg og sukk må flykta.

## Jesaja 36

### Sanherib i hærferd mot Juda

<sup>1</sup>Det var i det fjortande året Hiskia var konge, at Sanherib, kongen av Assur, drog opp mot alle festningsbyane i Juda og tok dei.

<sup>2</sup>Assyrarkongen sende ein kommandant med ein stor hær frå Lakisj mot kong Hiskia i Jerusalem. Han stilte seg opp ved vassleidningen frå Øvredammen, ved vegen til vaskeplassen.

<sup>3</sup>Då gjekk borgherren Eljakim, son til Hilkia, ut til han saman med riksskrivaren Sjebna og kanslaren Joah, son til Asaf.

<sup>4</sup>Kommandanten ropa til dei: Sei til Hiskia: Så seier storkongen, kongen av Assur: Kva er det du lit på, sidan du kjenner deg så trygg?

<sup>5</sup>Meiner du verkeleg at tomme ord er råd og styrke i krig? Kven er det du set di lit til, sidan du har gjort opprør mot meg?

<sup>6</sup>Du set di lit til Egypt, den brotne røyrstaven! Om nokon støttar seg på den, trengjer han inn i handa hans og gjennomborar henne. Slik er farao, kongen i Egypt, mot alle som lit på han.

<sup>7</sup>Men om du svarar meg: «Det er Herren vår Gud vi set vår lit til», då spør eg deg: Var det ikkje hans offerhaugar og altar Hiskia tok bort då han sa til folket i Juda og Jerusalem: «Berre framfor dette altaret skal de bøya dykk og tilbe»?

<sup>8</sup>Gjer no eit veddemål med herren min, kongen av Assur: Eg gjev deg to tusen hestar om du kan finna ryttarar til dei.

<sup>9</sup>Korleis kan du då driva tilbake ein einaste statthaldar, ein av dei ringaste tenarane åt herren min, du som set di lit til vogner og ryttarar frå Egypt?

<sup>10</sup>Trur du at eg har drege opp mot dette landet for å øydeleggja det mot Herrens vilje? Herrensjølv sa til meg: Dra opp mot dette landet og øydelegg det!

<sup>11</sup>Då sa Eljakim, Sjebna og Joah til kommandanten: «Snakk til tenarane dine på arameisk, for vi skjønar det. Snakk ikkje judeisk til oss så folket på muren høyrer det!»

<sup>12</sup>Men kommandanten svara: «Trur du herren min har sendt meg for å seia dette berre til herren din og til deg? Nei, det er like mykje til mennene som sit på muren, dei som snart må eta sin eigen skit og drikka sitt eige piss, liksom de.»

<sup>13</sup>Og kommandanten vart ståande og ropa med høg røyst på judeisk: Høyr kva storkongen, kongen av Assur, seier!

<sup>14</sup>Så seier kongen: Lat ikkje Hiskia lura dykk! For han er ikkje i stand til å berga dykk.

<sup>15</sup>Lat ikkje Hiskia få dykk til å lita på Herren når han seier: «Herren vil nok berga oss. Denne byen skal ikkje gjevast i hendene på assyrarkongen.»

<sup>16</sup> Høyr ikkje på Hiskia! For så seier kongen av Assur: Slutt fred med meg og gjev dykk over til meg! Så skal de få eta, kvar av sin vinstokk og sitt fikentre, og drikka vatn, kvar av sin brønn,

<sup>17</sup>til dess eg kjem og tek dykk med til eit land som er likt dykkar eige, eit land med korn og ny vin, eit land med brød og vingardar.

<sup>18</sup> Lat ikkje Hiskia villeia dykk og seia: «Herren vil berga oss!» Har kanskje gudane til andre folk berga sine land frå handa til assyrarkongen?

<sup>19</sup> Kvar er gudane til Hamat og Arpad? Kvar er gudane til Sefarvajim? Har dei berga Samaria ut or mi hand?

<sup>20</sup> Kven er det av gudane i alle desse landa som har berga landet sitt ut or mi hand? Og så skulle Herren kunna berga Jerusalem!

<sup>21</sup> Dei tagde og svara ikkje eit ord. For det var ordre frå kongen at dei ikkje skulle svara han.

<sup>22</sup> Så kom borgherren Eljakim, son til Hilkia, riksskrivaren Sjebna og kanslaren Joah, son til Asaf, med sundrivne klede til Hiskia og melde kva hærføraren hadde sagt.

## Jesaja 37

### Herren bergar Jerusalem

<sup>1</sup> Då kong Hiskia hørde det, reiv han sund kleda sine, kledde seg i sekkestrie og gjekk inn i Herrens hus.

<sup>2</sup> Så sende han borgherren Eljakim, riksskrivaren Sjebna og dei eldste av prestane, kledde i sekkestrie, til profeten Jesaja, son til Amos.

<sup>3</sup> Dei sa til han: «Så seier Hiskia: Dette er ein dag med trengsle, straff og vanære. For borna er komne til livmormunnen, men det finst ikkje kraft til å føda.

<sup>4</sup> Kanskje Herrendin Gud har høyrte dei orda kommandanten har sagt, han som er send av herren sin, assyrarkongen, for å håna den levande Gud. Kanskje Herrendin Gud vil straffa han for orda han har høyrte. Så send då opp ei bøn for den resten som enno er att!»

<sup>5</sup> Då mennene til kong Hiskia kom til Jesaja,

<sup>6</sup> sa han til dei: «Sei til herren dykkar: Så seier Herren: Ver ikkje redd for orda du har høyrte, dei hånorda som mennene til assyrarkongen har tala mot meg.

<sup>7</sup> No skal eg gje han ein tanke. Han skal høyra eit rykte og venda attende til sitt eige land; og der vil eg la han falla for sverd.»



<sup>8</sup>Då kommandanten fekk høyra at assyrarkongen hadde brote opp frå Lakisj, drog han bort og fann kongen i kamp mot Libna.

<sup>9</sup>Kongen fekk no meldinga om at Tirhaka, kongen i Kusj, hadde teke ut for å kjempa mot han. Då han hørde det, sende han bod til Hiskia og sa:

<sup>10</sup>«Så skal de seia til Juda-kongen Hiskia: Lat deg ikkje lura av din Gud som du stolar på, når han seier: Jerusalem skal ikkje falla i hendene på assyrarkongen.

<sup>11</sup>Du har sjølv høyrte kva assyrarkongane har gjort med alle landa dei har slege med bann og øydelagt. Og så skulle du bli berga?

<sup>12</sup>Har dei vorte berga av gudane sine, dei folka som fedrane mine gjorde ende på: folka i Gosan, Harran og Resef eller innbyggjarane frå Eden i Telassar?

<sup>13</sup>Kvar er no kongane i Hamat og Arpad, kongen i byen Sefarvajim og kongane i Hena og Ivva?»

<sup>14</sup>Då Hiskia hadde teke imot og lese brevet som sendemennene hadde med seg, gjekk han opp til Herrens hus og breidde det ut for Herrensandlet.

<sup>15</sup>Hiskia bad til Herren og sa:

<sup>16</sup> «Herre over hærskarane, Israels Gud, du som tronar over kjerubane. Du åleine er Gud over alle kongerike på jorda, du som skapte himmelen og jorda.

<sup>17</sup> Herre, vend øyret til og høyr! Herre, lat opp auga og sjå! Høyr dei orda som Sanherib har sendt for å håna den levande Gud.

<sup>18</sup>Herre, det er sant at kongane av Assur har lagt alle land øyde

<sup>19</sup> og kasta gudane deira på elden. Men dei er ikkje gudar, berre verk av menneskehender, laga av tre og stein. Dei har dei øydelagt.

<sup>20</sup> Men du, Herre, vår Gud, frels oss no frå handa hans, så alle kongerike på jorda kan skjønna at du, berre du, er Herren.»

<sup>21</sup> Då sende Jesaja, son til Amos, dette bodet til Hiskia: Så seier Herren, Israels Gud, om den bøna du bad til meg om Sanherib, kongen av Assur.

<sup>22</sup>Dette er det ordet Herren talar mot han: Jomfrua håner deg, dotter Sion spottar deg; dotter Jerusalem rister på hovudet.

<sup>23</sup>Kven er det du krenkjer og vanærar? Kven ropar du opp imot? Høgt lyfter du auga mot Israels Heilage.

<sup>24</sup>Du lét dine tenarar spotta Herren og sa: «Med mine mange vogner drog eg opp til dei høgaste fjella, til Libanons fjernaste trakter. Der hogg eg ned høgvalsne sedertre og dei finaste sypressar. Eg nådde den høgaste toppen der skogen stod tjukkast.

<sup>25</sup>Eg grov og drakk av framandt vatn. Med fotsolane tørka eg ut alle elvane i Egypt.»

<sup>26</sup>Har du ikkje høyrte det? Eg gjorde det for lenge sidan, eg forma det i eldgammal tid, og no lét eg det skje. Så kunne du øydeleggja festningsbyar og gjera dei til ruinhaugar.

<sup>27</sup> Dei som budde der, stod med kraftlause hender, fylte av skrekk og skam. Dei vart som graset på marka, grønne vekstar og graset på tak, som svid av før det veks til.

<sup>28</sup> Om du sit, kjem eller går, veit eg det – og om du rasar mot meg.

<sup>29</sup> Men fordi du rasar mot meg og ditt overmot har nådd øyra mine, set eg ring i nasen din og legg beksel i munnen. Så fører eg deg tilbake den vegen du kom.

<sup>30</sup>Dette skal du ha til teikn: Første året skal de eta korn som veks av seg sjølv, andre året kornet som veks av det att, men tredje året skal de så og hausta, planta vinmarker og eta frukta!

<sup>31</sup> Den rest av Judas hus som blir berga, skyt på nytt djupe røter, greinene ber frukt.

<sup>32</sup>For frå Jerusalem kjem ein rest, frå Sion-fjellet ein flokk som er berga. Herren over hærskarane skal gjera dette i sin brennande iver.

<sup>33</sup> Difor seier Herren om assyrarkongen: Han skal ikkje koma inn i denne byen og ikkje skyta ei pil dit inn. Han skal ikkje gå imot han med skjold og ikkje reisa opp ein voll imot han.

<sup>34</sup>Den vegen han kom, skal han venda attende; i denne byen skal han ikkje koma inn, seier Herren.

<sup>35</sup> Eg vil verna denne byen og berga han for mi eiga skuld og for min tenar Davids skuld.

<sup>36</sup> Så gjekk Herrens engel ut og slo i hel eitt hundre og åttifem tusen mann i assyrrarleiren. Då folk stod opp om morgonen, fekk dei sjå alle dei døde kroppane som låg der.

<sup>37</sup>Då braut assyrarkongen Sanherib opp og drog heim att. Og sidan heldt han seg i ro i Ninive.

<sup>38</sup>Ein gong medan han bøygde seg og bad i tempelet til Nisrok, guden sin, hogg sønene hans, Adrammelek og Sareser, han ned med sverd. Dei flykta til Ararat-landet. Og Asar-Haddon, son til Sanherib, vart konge etter han.

## Jesaja 38

### Kong Hiskias sjukdom

<sup>1</sup> På den tid vart kong Hiskia så sjuk at det stod om livet. Då kom profeten Jesaja, son til Amos, til han og sa: «Så seier Herren: Få orden på ditt hus, for du skal døy og ikkje leva lenger.»

<sup>2</sup>Då vende Hiskia andletet mot veggen og bad til Herren.

<sup>3</sup>«Å, Herre», sa han, «hugs at eg har vandra i sanning og med heilt hjarte for ditt andlet og gjort det som er godt i dine auge.» Og Hiskia gret høgt.

<sup>4</sup>Då kom Herrens ord til Jesaja:

<sup>5</sup>«Gå og sei til Hiskia: Så seier Herren, Gud åt David, stamfar din: Eg har høyrt di bøn og sett dine tårer. Sjå, eg legg endå femten år til levedagane dine.



<sup>6</sup>Eg skal berga deg og denne byen frå handa til assyrarkongen, og eg vil verna denne byen.

<sup>7</sup>Og dette skal du ha til teikn frå Herren på at han vil halda det han har lova:

<sup>8</sup>Eg lèt skuggen på soluret til Ahas gå ti strekar tilbake, like langt som han før har gått fram.» Og sola gjekk ti strekar tilbake, like langt som ho før hadde gått fram.

### **Hiskias takkesalme**

<sup>9</sup>Dette skreiv Juda-kongen Hiskia etter at han hadde vore sjuk og hadde vorte frisk att:

<sup>10</sup>Eg sa: Midt i livet må eg gå til dødsrikeportane. Der blir eg vakta på resten av åra mine.

<sup>11</sup> Eg sa: Eg får ikkje sjå Herren, Herren i landet til dei levande. Eg får ikkje sjå eit menneske meir av dei som bur i verda.

<sup>12</sup> Min bustad blir broten ned, teken bort ifrå meg som teltet til ein gjetar. Eg rullar saman mitt liv som ein vevar, frå renninga skjer han meg laus. Før dagen blir natt, gjer du ende på meg.

<sup>13</sup>Eg ropar om hjelp til morgonen kjem. Som ei løve knasar han alle mine knoklar. Før dagen blir natt, gjer du ende på meg.

<sup>14</sup> Eg pip som svala og trasta, eg klynkar som ei due. Hjelpelaus ser eg mot det høge. Herre, eg er pressa, gå god for meg, du!

<sup>15</sup>Kva skal eg seia? Han har tala til meg, han har gjort sitt. Bitter til sinns må eg vandra alle mine år.

<sup>16</sup> Herre, ved dette lever dei, og ved alt dette lever mi ånd. Gjer meg frisk og lat meg leva!

<sup>17</sup> Sjå, til fred vart det bitre, det som var så bittert for meg. Du har redda mi sjel frå øydeleggings grav. For du har kasta alle syndene mine bak din rygg.

<sup>18</sup> Dødsriket takkar deg ikkje, døden lovsyng deg ikkje, dei som har gått i grav, ventar ikkje på din truskap.

<sup>19</sup> Den levande, den levande er det som takkar deg slik eg gjer i dag. Ein far fortel borna sine om din truskap.

<sup>20</sup> Herren vil frelsa meg. Lat oss spela på harpe framfor Herrens hus så lenge vi lever.

<sup>21</sup> Jesaja sa: «Hent ei fikenkake og legg henne til plaster på byllen, så blir han frisk!»

<sup>22</sup>Då sa Hiskia: «Kva skal eg ha til teikn på at eg kan gå opp til Herrens hus?»

## Jesaja 39

### Sendeboda frå kongen av Babel

<sup>1</sup>På den tid sende Babel-kongen Merodak Baladan, son til Baladan, brev og gåver til Hiskia. For han hadde høyrte at han hadde vore sjuk, men no hadde vorte frisk att.

<sup>2</sup>Hiskia vart glad då sendeboda kom. Han viste dei huset der han hadde skattane sine, sølvet og gullet, parfymen og den finaste oljen, våpenhuset og alt som fanst i skattkammera hans. Det var ikkje den ting i heile hans slott og rike som Hiskia ikkje viste dei.

<sup>3</sup>Då kom profeten Jesaja til kong Hiskia og spurde han: «Kva sa desse mennene, og kvar kom dei frå?» «Dei kom til meg frå eit land langt borte», svara Hiskia, «frå Babel.»

<sup>4</sup>«Kva fekk dei sjå i slottet ditt?» spurde profeten. Hiskia svara: «Alt det som finst i slottet, fekk dei sjå. Det var ikkje den ting i skattkammera mine som eg ikkje viste dei.»

<sup>5</sup>Då sa Jesaja til Hiskia: «Høyr ordet frå Herren over hærskarane:

<sup>6</sup>Sjå, dagar skal koma då alt det som er i slottet ditt, det som fedrane dine har samla til denne dag, skal først bort til Babel. Ingen ting skal bli att, seier Herren.

<sup>7</sup>Dei skal ta nokre av sønene dine, av dei som stammar frå deg, og som du er opphav til, og gjera dei til hoffmenn i slottet til kongen av Babel.»

<sup>8</sup> Då sa Hiskia til Jesaja: «Godt er det ordet frå Herren som du har tala.» Men han sa til seg sjølv: «Freden er nok trygg så lenge eg lever!»

## Jesaja 40

### Gledebod til Jerusalem

<sup>1</sup> Trøyst, trøyst mitt folk, seier dykkar Gud.

<sup>2</sup> Tal til Jerusalems hjarte og rop til henne at hennar strid er fullført, at hennar skuld er betalt, at ho har fått dobbelt av Herrens hand for alle sine synder.

<sup>3</sup> Ei røyst ropar: Rydd Herrens veg i ørkenen, jamn ut i øydemarka ein veg for vår Gud!

<sup>4</sup> Kvar dal skal hevast, kvart fjell og kvar haug skal senkast. Bakkete land skal bli til slette og kollane til flat mark.

<sup>5</sup> Herrens herlegdom skal openberra seg, alle menneske skal saman sjå det. For Herrens munn har tala.

<sup>6</sup> Ei røyst seier: «Rop ut!» Eg seier: «Kva skal eg ropa?» «Alle menneske er gras, all deira truskap er som blomen på marka.

<sup>7</sup> Graset tørkar bort, blomen visnar når Herrens ande blæs på han. Sanneleg, folket er gras.

<sup>8</sup> Graset tørkar bort, blomen visnar, men ordet frå vår Gud står evig fast.»

<sup>9</sup> Gå opp på eit høgt fjell, du Sions gledebod! Lyft di røyst med kraft, Jerusalems gledebod! Lyft di røyst, ver ikkje redd! Sei til byane i Juda: «Sjå, dykkar Gud!»

<sup>10</sup> Sjå, Herren Gud kjem med styrke, han herskar med sin arm. Sjå, løna hans er med han, dei han vann, er framfor han.

<sup>11</sup> Han gjeter flokken sin som ein gjetar. Han samlar lamma med armen, lyfter dei opp i fanget, leier søyene.

### Ingen er som Gud

- <sup>12</sup> Kven kan måla opp vatnet i si hole hand, måla himmelen med utspente fingrar? Kven kan samla støvet på jorda i eit mål, vega fjella med vekt og haugane på vektskåler?
- <sup>13</sup> Kven kan måla Herrens ande og gjera sitt råd kjent for han?
- <sup>14</sup> Kven har han samrådd seg med som kunne gje han forstand, læra han rettens veg, læra han kunnskap og visa veg til innsikt?
- <sup>15</sup> Sjå, folkeslaga er som ein drope i eit spann, som eit støvkorn på vektskåla blir dei rekna. Sjå, fjerne kystar veg han som støv.
- <sup>16</sup> Sjølv Libanon har ikkje ved nok og ikkje dyr nok til brennoffer.
- <sup>17</sup> Alle folkeslag er ingenting for han, som eit tomt ingenting reknar han dei.
- <sup>18</sup> Kven vil de likna Gud med, kva kan de setja opp som liknar på han?
- <sup>19</sup> Eit gudebilete? Ein handverkar støyper det, ein gullsmed kler det med gull og smir sølvkjeder til det.
- <sup>20</sup> Eit vigsla morbærtre blir valt ut, eit tre som ikkje morknar. Ein dyktig handverkar blir leita opp, for det skal reisast eit gudebilete som ikkje vaklar.
- <sup>21</sup> Veit de ikkje? Høyrer de ikkje? Er det ikkje fortalt dykk frå opphavs tid? Har de ikkje skjøna det frå jorda vart grunnlagd?
- <sup>22</sup> Han tronar over jordkrinsen, og dei som bur der, er som grashopper. Han breier himmelen ut som eit slør og spenner han ut som eit telt til å bu i.
- <sup>23</sup> Han lèt fyrstar bli til inkje, herskarane på jorda til tomt ingenting.
- <sup>24</sup> Knappt er dei planta, knapt er dei sådde, knapt har dei røtt seg i jorda, før han blæs på dei så dei visnar og stormen ber dei bort som halm.
- <sup>25</sup> «Kven vil de likna meg med, kven er eg lik?» seier Den heilage.
- <sup>26</sup> Lyft auga mot det høge og sjå: Kven har skapt alt dette? Han som tel stjernehæren, fører dei ut og kallar dei alle ved namn. Hans kraft er så stor og hans styrke så veldig at ikkje éin skal mangla.

<sup>27</sup> Kvifor tenkjer du, Jakob, kvifor seier du, Israel: «Min veg er løynd for Herren, min Gud bryr seg ikkje om min rett»?

<sup>28</sup> Veit du ikkje, har du ikkje høyrte? Herren er den evige Gud som skapte endane av jorda. Han blir ikkje trøytte og ikkje sliten, ingen kan utforska hans forstand.

<sup>29</sup> Han gjev den trøytte kraft, og den som ikkje har krefter, gjev han stor styrke.

<sup>30</sup> Gutar blir trøytte og slitne, unge menn snublar og fell.

<sup>31</sup> Men dei som ventar på Herren, får ny kraft, dei lyfter vengene som ørna, dei spring og blir ikkje slitne, dei går og blir ikkje trøytte.

## Jesaja 41

### Herren og herskaren

<sup>1</sup> Ver stille for meg, de kystar! Folka skal få ny kraft. Lat dei koma nær og så tala si sak. Lat oss saman gå fram for retten!

<sup>2</sup> Kven har vekt opp frå aust han som møttest av siger kvar han går? Kven gjev folkeslag over til han og lèt han undertrykkja kongar? Hans sverd gjer dei til støv, hans boge gjer dei til halm som blæs bort.

<sup>3</sup> Han forfølgjer dei, går uskadd fram, foten er nesten ikkje nær vegen.

<sup>4</sup> Kven har utført og gjort dette? Han som frå opphavs tid kalla slektene fram. Eg, Herren, er den første, og eg er hos dei siste. Eg er Han.

<sup>5</sup> Kystane ser det og fryktar, endane av jorda skjelv. Dei er nær, dei kjem.

### Gudebilete er laga av menneske

<sup>6</sup> Den eine hjelper den andre, til kvarandre seier dei: «Ver sterk!»

<sup>7</sup> Treskjeraren styrkjer gullsmeden, og blekkslagaren styrkjer smeden ved ambolten. Han seier om loddinga: «Ho er god», og styrkjer henne med naglar så ho står fast.

### Herren er med Israel



<sup>8</sup> Men du Israel, min tenar, Jakob, som eg har valt ut, ætt av Abraham, min ven,

<sup>9</sup> som eg greip tak i ved endane av jorda og kalla frå hennar ytste grense. Eg sa til deg: «Du er min tenar, eg har valt deg ut og ikkje forkasta deg.»

<sup>10</sup> Frykt ikkje, for eg er med deg, ver ikkje redd, for eg er din Gud! Eg gjer deg sterk og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand.

<sup>11</sup> Sjå, til skamme og til spott blir alle som er harme på deg. Dei blir til ingenting og går til grunne, dei som går i rette med deg.

<sup>12</sup> Du skal leita, men ikkje finna nokon som er i strid med deg. Til inkje og ingenting blir dei som er i krig med deg.

<sup>13</sup> For eg er Herren din Gud som har gripe di høgre hand og seier til deg: «Ver ikkje redd! Eg hjelper deg.»

<sup>14</sup> Ver ikkje redd, Jakob, du vesle makk, og de, Israels menn! Eg hjelper deg, seier Herren. Israels Heilage løyser deg ut.

<sup>15</sup> Sjå, eg gjer deg til ein treskjeslede, kvass og ny, med mange taggar! Du skal treskja fjell til støv og gjera haugar til agner.

<sup>16</sup> Du kastar dei i vêret så vinden tek dei og stormen spreier dei. Men du, du skal jubla i Herren og vera stolt over Israels Heilage.

<sup>17</sup> Dei hjelpelause og fattige leitar fåfengt etter vatn, tunga tørkar ut av tørste. Eg er Herren, eg skal svara dei, eg er Israels Gud, eg skal ikkje forlata dei.

<sup>18</sup> Eg opnar elvar på snaue høgder og kjelder midt i dalane. Eg gjer ørken til innsjø og tørt land til oppkome.

<sup>19</sup> Eg plantar sedrar i ørkenen, akasie, myrt og oliventre. Eg set sypress i øydemarka saman med gran og buksbom

<sup>20</sup> så dei kan sjå og vita, leggja merke til og saman skjøna at Herrens hand har gjort det, og at Israels Heilage har skapt det.

### **Herren eller avgudane**

<sup>21</sup> Kom og legg saka fram! seier Herren. Kom med prova! seier Jakobs konge.

<sup>22</sup> Lat dei koma og fortelja oss kva som skal skje. Fortel oss om dei første ting så vi kan leggja merke til dei og vita korleis det endar! Eller lat oss få høyra kva som skal koma.

<sup>23</sup> Fortel om framtidsteikna så vi kan vita at de er gudar! Gjer berre noko, godt eller vondt, så vi saman kan sjå det med uro!

<sup>24</sup> Sjå, de er mindre enn inkje, og det de gjer, er mindre enn ingenting. Avskyeleg er det å velja dykk.

<sup>25</sup> Eg har vekt opp ein frå nord, og han er komen. Frå soloppgangen skal han kalla på mitt namn. Han trampar statthaldarar ned som søle slik pottetakaren trampar leire.

<sup>26</sup> Kven kunngjorde dette frå opphavs tid så vi kunne vita det, frå gamle dagar så vi kunne seia: «Det er rett»? Ingen fortalde det, ingen gjorde det kjent, ingen har høyrte eit ord frå dykk.

<sup>27</sup> Eg er den første som seier til Sion: «Sjå, der er dei!» og sender gledebod til Jerusalem.

<sup>28</sup> Eg ser etter, men det finst ingen, ikkje éin av dei som kan gje råd så eg kunne spørja dei og få svar.

<sup>29</sup> Nei, alle er dei inkje, og det dei gjer, er ingenting. Vind og tomt ingenting er deira støypte bilete.

## Jesaja 42

### Herrens tenar, eit lys for folkeslaga

<sup>1</sup> Sjå, min tenar, som eg støttar, min utvalde, i han har eg mi glede! Eg har lagt min Ande på han, han skal føra retten ut til folkeslaga.

<sup>2</sup> Han skrik ikkje og ropar ikkje, røysta hans høyrest ikkje i gatene.

<sup>3</sup> Han bryt ikkje eit knekt siv og sløkkjer ikkje ein rykande veike. Med truskap skal han føra retten ut.

<sup>4</sup> Han skal ikkje slokna og ikkje bli knekt før han har sett retten igjennom på jorda. Fjerne kystar ventar på hans lov.

<sup>5</sup> Så seier Gud Herren, som skapte himmelen og spente han ut, som breidde ut jorda og alt som spirer der, som gjev pust til folket på jorda og ånd til dei som ferdast der:

<sup>6</sup> Eg, Herren, har kalla deg i rettferd og gripe handa di. Eg har forma deg og gjort deg til ei pakt for folket, til eit lys for folkeslaga,

<sup>7</sup> for å opna blinde auge og føra fangar ut or fengselet, dei som sit i mørkret, ut frå fangehola.

<sup>8</sup> Eg er Herren, det er mitt namn. Mi ære gjev eg ikkje til andre, min lovsong ikkje til gudebilete.

<sup>9</sup> Dei første ting, sjå, dei er komne. No fortel eg noko nytt. Før det spirer fram, får de høyra om det.

### **Den nye songen**

<sup>10</sup> Syng for Herren ein ny song, ein lovsong for han frå endane av jorda, de som ferdast på havet, og alt som fyller det, de kystar og alle som bur der!

<sup>11</sup> Ørkenen og byane der skal stemma i, landsbyane der Kedar bur. Dei som bur i Sela, skal jubla, dei skal ropa frå fjelltoppane.

<sup>12</sup> Dei skal gje Herren ære, forkynna hans pris på kystane.

<sup>13</sup> Herren dreg ut som ein helt, som ein krigar eggjar han si stridslyst, han ropar, ja, lèt hærrop ljoma, han viser sin styrke for fiendane:

<sup>14</sup> Eg har vore taus i lange tider, har tagd og halde meg tilbake. No skrik eg som ei fødande kvinne, eg stønnar og snappar etter pusten.

<sup>15</sup> Eg gjer fjell og haugar aude og tørkar ut alt grønt på dei. Elvar gjer eg til tørt land, sjøar tørkar eg ut.

<sup>16</sup> Eg fører dei blinde på ein veg dei ikkje kjenner, på stigar dei ikkje kjenner, leier eg dei. Eg gjer mørkret framfor dei til lys og ulendt mark til slette. Dette er det eg vil gjera, og eg skal ikkje la det vera.

<sup>17</sup> Med skam må dei vika tilbake, dei som stolar på gudebilete, dei som seier til støypte bilete: «De er våre gudar.»

## Herrens døve og blinde folk

- 18** Høyr, de døve! De blinde, lyft auga og sjå!
- 19** Kven er blind, om ikkje tenaren min, kven er døv som bodberaren eg sender? Kven er blind som utsendingen min, like blind som Herrens tenar?
- 20** Du ser mykje, men ensar det ikkje. Han har opne øyre, men høyrer ikkje.
- 21** Herren ville for si rettferd skuld gjera lova stor og herleg.
- 22** Men dette er eit rana og plyndra folk. Alle er lenkja i fangehol, bortgøymde i fengsel. Dei vart rana, og ingen berga dei, dei vart plyndra, og ingen sa: «Gjev tilbake!»
- 23** Kven av dykk vil høyra på dette, lytta og lyda i framtida?
- 24** Kven overgav Jakob til plyndring og Israel til ransmenn? Var det ikkje Herren, han som vi synda mot? Dei ville ikkje gå på hans vegar og ikkje lyda hans lov.
- 25** Så auste han sin brennande vreide og krigens redsle ut over han. Det loga omkring han, men han skjøna det ikkje, det brende han, men han brydde seg ikkje om det.

## Jesaja 43

### Israel blir utløyst

- 1** Og no, så seier Herren, som skapte deg, Jakob, som forma deg, Israel: Ver ikkje redd! For eg har løyst deg ut, eg har kalla deg ved namn, du er min.
- 2** Går du gjennom vatn, er eg med deg, gjennom elvar, skal dei ikkje fløyma over deg. Går du gjennom eld, skal du ikkje svi deg, og logen skal ikkje brenna deg.
- 3** For eg er Herren din Gud, Israels Heilage, som frelser deg. Eg gjev Egypt som løysepenge for deg, Kusj og Seba i staden for deg.
- 4** Fordi du er dyrebar i mine auge, høgt akta og eg elsker deg, gjev eg menneske i staden for deg og folkeslag for ditt liv.

<sup>5</sup> Ver ikkje redd, for eg er med deg! Frå aust vil eg henta ætta di, og frå vest vil eg samla deg.

<sup>6</sup> Eg seier til nord: «Gjev frå deg!» og til sør: «Hald ikkje tilbake!» Hent sønene mine frå det fjerne, døtrene frå enden av jorda,

<sup>7</sup> alle som er kalla med mitt namn, dei eg har skapt til mi ære, forma og laga.

### **Herren åleine er Gud og frelsar**

<sup>8</sup> Før fram folket som er blindt endå det har auge, dei som er døve endå dei har øyre.

<sup>9</sup> Alle folkeslag kjem saman, folka samlar seg. Kan nokon av dei fortelja så vi får høyra om dei første ting? Lat dei føra fram vitne så dei kan få rett! Lat dei høyra på og seia: «Det er sant!»

<sup>10</sup> De er mine vitne, seier Herren, og min tenar, som eg har valt ut, for at de skal kjenna meg og tru på meg og skjøna at eg er Han. Før meg har ingen gud vorte forma, og etter meg skal ingen koma.

<sup>11</sup> Eg, eg er Herren, det finst ingen annan frelsar enn eg.

<sup>12</sup> Det er eg som har fortalt og frelst og gjort det kjent, det finst ingen framand hos dykk. De er mine vitne, seier Herren. Eg er Gud,

<sup>13</sup> heilt frå dag vart til, eg er Han. Ingen kan riva ut av mi hand; det eg gjer, kan ingen gjera ugjort.

### **Babel fell**

<sup>14</sup> Så seier Herren, han som løyser dykk ut, Israels Heilage: For dykkar skuld sender eg bod til Babel og bryt ned alle bommane. Jubelen frå kaldearane blir til klageskrik.

<sup>15</sup> Eg er Herren, dykkar Heilage, Israels skapar, dykkar konge.

### **Noko nytt spirer fram**

<sup>16</sup> Så seier Herren, han som gjorde veg gjennom sjøen, ein stig i det veldige vatnet,

<sup>17</sup>som førte vogner og hestar, hær og hovdingar uti. Der vart dei liggjande og reiste seg aldri, dei slokna som når ein veike blir sløkt.

<sup>18</sup>De skal ikkje minnst dei første ting, ikkje tenkja på det som hende før.

<sup>19</sup> Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram. Merkar de det ikkje? Ja, eg legg veg i ørkenen, elvar i øydemarka.

<sup>20</sup> Ville dyr skal æra meg, sjakalar og strutsar. For eg gjev vatn i ørkenen og elvar i øydemarka så mitt utvalde folk kan få drikka.

<sup>21</sup>Mitt folk, som eg har forma, skal forkynna min pris.

<sup>22</sup>Men meg har du ikkje kalla på, Jakob, du har ikkje slite deg ut for meg, Israel.

<sup>23</sup>Du kom ikkje til meg med brennofferlam og æra meg ikkje med slaktoffer. Eg plaga deg ikkje med grødeoffer og sleit deg ikkje ut med røykjelse.

<sup>24</sup>Du kjøpte ikkje krydder til meg for sølv og metta meg ikkje med offerfeitt. Du plaga meg berre med syndene dine og sleit meg ut med ugjerningane dine.

<sup>25</sup> Eg, eg er den som utslettar dine brot for mi skuld, og syndene dine minnest eg ikkje.

<sup>26</sup>Minn meg på det, lat oss gå til domstolen saman! Tal di sak så du kan få rett!

<sup>27</sup>Stamfar din synda, talsmennene dine sette seg opp imot meg.

<sup>28</sup> Difor vanhelga eg fyrstane for heilagdomen, eg overgav Jakob til bann og Israel til hån.

## Jesaja 44

### Herren velsignar Israel

<sup>1</sup>Høyr no, Jakob, tenaren min, og Israel, som eg har valt ut!

<sup>2</sup> Så seier Herren, som laga deg og forma deg i mors liv, han som hjelper deg: Ver ikkje redd, min tenar Jakob, Jesjurun, som eg har valt ut!

<sup>3</sup> Eg auser vatn over det tørste og bekker over det tørre. Eg auser min Ande over di ætt og mi velsigning over dine etterkomarar.

<sup>4</sup> Dei skal spira fram som siv i vatn, som poplar attmed bekkefar.

<sup>5</sup> Ein skal seia: «Eg høyrer Herren til», ein annan skal kalla seg med Jakobs namn. Ein skal skriva i si hand: «Til Herren», og Israel skal han få som heidersnamn.

### **Den einaste Gud**

<sup>6</sup> Så seier Herren, kongen som løyser ut Israel, Herren over hærskarane: Eg er den første, og eg er den siste, det finst ingen annan gud enn eg.

<sup>7</sup> Kven er som eg? Lat han ropa ut og fortelja, leggja fram for meg det som har hendt frå eg grunnla det eldgamle folket. Dei skal fortelja til dei kva som skal koma i framtida.

<sup>8</sup> Frykt ikkje, ver ikkje redde! Har eg ikkje frå før av fortalt og late deg høyra? De er mine vitne. Finst det nokon Gud ved sida av meg? Eg kjenner ikkje til noko anna berg.

### **Handverkaren og gudebileta**

<sup>9</sup> Dei som formar gudebilete, er tomme, alle saman. Dei gleder seg over slikt som ikkje hjelper. Deira vitne ser ikkje, dei skjønar ikkje, difor blir dei til skamme.

<sup>10</sup> Kven formar ein gud og støyper eit bilete om ikkje for å få hjelp?

<sup>11</sup> Alle som dyrkar dei, blir til skamme, handverkarane er berre menneske. Lat dei alle samlast og stiga fram! Saman skal dei gripast av skrekk og bli til skamme.

<sup>12</sup> Smeden tek meiselen og arbeider på biletet attmed kolelden. Han formar det med hammar og arbeider på det med sterk arm. Blir han svolten, har han ingen styrke lenger. Drikk han ikkje vatn, blir han trøytt.

<sup>13</sup> Treskjeraren spenner ut målesnora. Han teiknar eit omriss med stift og lagar eit bilete med skavjern. Han teiknar eit omriss med passar og lagar eit bilete i skapnad av ein mann, eit vakkert menneske. Det set han i eit hus.

<sup>14</sup>Han høgg ned sedertre. Han vel seg ut ein sypress eller ei eik og lèt henne veksa seg sterk blant trea i skogen. Han plantar eit furutre, og regnet får det til å veksa.

<sup>15</sup> Det skal vera til brensel for menneske. Noko tek han til å verma opp med, noko fyrer han med for å baka brød. Noko lagar han ein gud av, som han tilbed. Han formar eit gudebilete som han bøyer seg for.

<sup>16</sup>Halvparten brenner han på elden. På denne halvparten legg han kjøtet han skal eta, han steikjer det og blir mett. Så vermer han seg og seier: «Å, no er eg varm og god, eg ser elden!»

<sup>17</sup>Resten lagar han ein gud av, eit gudebilete, som han bøyer seg for. Han kastar seg ned, bed til det og seier: «Berg meg, for du er min gud!»

<sup>18</sup> Dei forstår ikkje og skjønar ikkje. Auga deira er attklistra så dei ikkje kan sjå, hjartet òg, så dei ikkje kan skjønna.

<sup>19</sup>Han tek det ikkje inn over seg, han har ikkje kunnskap og forstand nok til å seia: «Halvparten brende eg opp, så baka eg brød over glørne. Eg steikjer kjøt og et det. Så lagar eg noko avskyeleg av resten, eg bøyer meg for ein trekubbe!»

<sup>20</sup>Han gjeter oske, det forvirra hjartet hans har ført han vill, så han ikkje bergar livet og seier: «Er det ikkje løgn i mi høgre hand?»

### **Herren løyser Israel ut**

<sup>21</sup> Hugs dette, Jakob, og Israel, for du er min tenar. Eg har forma deg, du er min tenar, Israel, du blir ikkje gløymd av meg.

<sup>22</sup> Eg stryk bort brota dine som ei skodde og syndene dine som ei sky. Vend om til meg, for eg løyser deg ut!

<sup>23</sup> Jubla, du himmel, for Herren har gripe inn! Rop av fryd, de djup på jord! Bryt ut i jubel, de fjell, du skog med alle dine tre! For Herren løyser ut Jakob, på Israel viser han sin herlegdom.



<sup>24</sup> Så seier Herren, som løyser deg ut, og som forma deg i mors liv: Eg er Herren, som har skapt alt, åleine har eg spent ut himmelen, og utan hjelp har eg breidd jorda ut.

<sup>25</sup> Eg set teikna til orakelprestane ut av kraft og gjer spåmennene til narr. Eg driv vismenn tilbake og gjer deira visdom til dårskap.

<sup>26</sup> Eg stadfester orda frå tenarane mine og gjennomfører den planen sendeboda mine har forkynt. Eg seier om Jerusalem: «Det skal bu folk i henne» og om byane i Juda: «Dei skal byggjast opp att, eg skal gjenreisa ruinane.»

<sup>27</sup> Eg seier til havdjupe: «Bli tørt! Eg tørkar ut straumane dine.»

<sup>28</sup> Eg seier om Kyros: «Min hyrding, som skal gjennomføra alt det eg vil, sei om Jerusalem: Ho skal byggjast! og om tempelet: Det skal grunnleggjast!»

## Jesaja 45

### Kyros, Herrens salva

<sup>1</sup> Så seier Herren til den han har salva, til Kyros, som eg har gripe i høgrehand for å tvinga folkeslag under han og løysa belte av kongar og opna dører for han, og ingen port skal vera stengd.

<sup>2</sup> Eg vil gå framfor deg. Fjell vil eg jamna ut, bronsedører vil eg knusa, og jernbommar vil eg hogga sund.

<sup>3</sup> Eg gjev deg skattar som er løynde i mørkret, og rikdomar gøymde på løynde stader, for at du skal kjenna at eg er Herren, som har kalla deg ved namn, Israels Gud.

<sup>4</sup> For min tenar Jakobs skuld, for Israel, min utvalde, kallar eg deg ved namn. Eg gjev deg heidersnamn endå du ikkje kjenner meg.

<sup>5</sup> Eg er Herren, ingen annan, det finst ingen annan gud enn eg. Eg spenner beltet om livet på deg, endå du ikkje kjenner meg,

<sup>6</sup> for at dei skal kjenna i aust og vest at det ikkje er nokon annan enn eg. Eg er Herren, ingen annan.

<sup>7</sup> Eg formar lys og skaper mørker, eg stiftar fred og skaper ulukke. Eg, Herren, gjer alt dette.

<sup>8</sup> Lat det drypa ovanfrå, du himmel! Rettferd skal strøyma frå skyene. Jorda skal opna seg, gje frelse som frukt og la rettferd spira. Eg, Herren, skaper dette.

### **Kven kan dømma om Herrens verk?**

<sup>9</sup> Ve den som fører sak mot sin skapar, eit potteskar blant potteskar av jord! Kan leira seia til han som formar henne: «Kva gjer du?» Kan noko du har laga, seia: «Han har ikkje hender?»

<sup>10</sup> Ve den som seier til ein far: «Kva er det for born du får?» og til ei kvinne: «Kva er det du føder?»

<sup>11</sup> Så seier Herren, Israels Heilage, som forma det: Spør meg om det som skal koma! Skal de bestemmas over mine born, over det hendene mine har laga?

<sup>12</sup> Eg laga jorda og skapte menneske på henne. Eg, hendene mine, spente himmelen ut, og til heile hans hær gav eg ordre.

<sup>13</sup> Eg har vekt opp ein mann i rettferd, og alle hans vegar jamnar eg ut. Han skal byggja byen min og senda folket mitt heim frå eksil utan betaling eller løn, seier Herren over hærskarane.

### **Gud som løyner seg**

<sup>14</sup> Så seier Herren: Rikdom frå Egypt, velstand frå Kusj og høgvaksne menn frå Seba skal gå over til deg og bli dine. Dei skal følgja etter deg i lenkjer, kasta seg ned for deg og hylla deg: «Berre hos deg er Gud, det er ingen annan, ingen annan gud.»

<sup>15</sup> Sanneleg, du er ein Gud som løyner seg, Israels Gud og frelsar.

<sup>16</sup> Til skamme og til spott blir alle handverkarane som lagar gudebilete, saman går dei bort med vanære.

<sup>17</sup> Men Israel blir frelst ved Herren med ei evig frelse. Evig og aldri skal de bli til skamme og til spott.

### **Kvart kne skal bøya seg for Herren**

<sup>18</sup> For så seier Herren, som skapte himmelen, han som er Gud, som forma jorda og laga henne, han som grunnla henne og ikkje skapte henne tom, men forma henne til å bu på: Eg er Herren, ingen annan.

<sup>19</sup> Eg har ikkje tala i det løynde, ein stad i det mørke landet. Eg har ikkje sagt til Jakobs ætt: «Søk meg i det tomme!» Eg, Herren, talar rettferd og fortel kva som er rett.

<sup>20</sup> Samla dykk og kom, kom nærare, alle saman, de som har sloppe unna folkeslaga. Dei skjønar ingen ting, dei som ber på gudebilete av tre og bed til ein gud som ikkje kan frelsa.

<sup>21</sup> Gjer det kjent og legg det fram, berre hald råd saman! Kven har kunngjort dette på førehand, kven har fortalt det frå før? Er det ikkje eg, Herren? Det finst ingen annan gud enn eg, ingen annan rettferdig og frelsande Gud.

<sup>22</sup> Vend dykk til meg og bli frelste, alle endane av jorda! For eg er Gud, og ingen annan.

<sup>23</sup> Ved meg sjølv har eg svore, rettferd har gått ut frå min munn, eit ord som ikkje vender attende: For meg skal kvart kne bøya seg, kvar tunge skal sverja ved meg.

<sup>24</sup> Om meg skal dei seia: «Berre hos Herren er rettferd og styrke.» Til han skal dei koma i skam, alle som var harme på han.

<sup>25</sup> Ved Herren skal dei få rett og vera stolte, heile Israels ætt.

## Jesaja 46

### Herren er alltid den same

<sup>1</sup> Bel kneler, og Nebo fell, bileta de bar på, blir lyfte opp og lasta på trøyttedyr og fe.

<sup>2</sup> Dei fell og kneler, alle saman. Dei kan ikkje berga lasta, og sjølve må dei gå i fangenskap.

<sup>3</sup> Høyr på meg, du Jakobs hus, alt som er att av Israels hus, de som vart lyfte opp heilt frå fødselen, og som vart borne heilt frå mors liv:

<sup>4</sup>Eg er Han, heilt til de blir gamle, eg vil bera heilt til håret er grått. Eg har alt gjort det. Eg lyfter, eg ber og bergar.

<sup>5</sup>Kven vil de samanlikna meg med, kven er eg lik? Kva likning vil de bruka for å samanlikna oss?

<sup>6</sup>Dei auser ut gull frå pungen og veg opp sølv på vekt. Dei leiger ein gullsmed som lagar ein gud, så bøyer dei seg ned og tilbed han.

<sup>7</sup>Dei tek han på skuldra, ber han med seg og set han på plass. Der står han og rører seg ikkje frå plassen. Ropar ein til han, svarar han ikkje, han kan ikkje frelsa frå naud.

<sup>8</sup>Hugs dette med sorg, ta det til dykk, de syndarar!

<sup>9</sup>Hugs dei første ting frå gammal tid! For eg er Gud, og ingen annan, eg er Gud, ingen er lik meg.

<sup>10</sup>Frå opphavet fortel eg slutten, på førehand fortel eg det som ikkje har hendt. Eg seier: «Min plan står fast, alt eg vil, det gjer eg.»

<sup>11</sup>Frå aust kallar eg ein rovfugl, frå eit land langt borte ein mann for min plan. Det eg har sagt, lèt eg skje, Det eg har tenkt, det gjer eg.

<sup>12</sup>Høyr på meg, de motlause hjarte, de som er langt frå rettferd!

<sup>13</sup>Eg lèt mi rettferd koma nær, ho er ikkje langt borte, mi frelse er ikkje for sein. Eg gjev frelse på Sion, til Israel gjev eg min herlegdom.

## Jesaja 47

### Spottevise om Babel

<sup>1</sup>Stig ned, jomfru, set deg i støvet, dotter Babel! Set deg på bakken utan trone, du kaldear-dotter. For du skal ikkje lenger kallast den fine og bortskjemde.

<sup>2</sup>Ta handkverna og mal mjøl! Ta sløret bort, lyft slepet opp, blott låra, vad over elvar!

<sup>3</sup>Dei skal blotta den nakne kroppen din, di vanære skal bli synleg. Eg tek hemn og skånar ingen.

<sup>4</sup>Han som løyser oss ut, Herren over hærskarane er hans namn, Israels heilage.

<sup>5</sup>Sit i stille, gå inn i mørkret, du kaldear-dotter! For du skal ikkje lenger kallast dronning over kongerike.

<sup>6</sup>Eg vart harm på mitt folk og vanæra egedomen min. Eg overgav dei i dine hender. Du hadde ikkje miskunn med dei. På den gamle la du ditt tunge åk.

<sup>7</sup>Du sa: «For all tid skal eg vera evig dronning.» Du tenkte ikkje over korleis dette skulle enda.

<sup>8</sup>Og no, høyr dette, du som lever i overflod, som sit så trygg, som seier i hjartet ditt: «Eg og ingen annan! Eg skal ikkje sitja som enkje eller mista born.»

<sup>9</sup>Men begge delar skal koma over deg, brått, på ein einaste dag. Barnløyse og enkjestand skal koma over deg i fullt mål trass i dei mange trolldomskunstene dine og den kraftige maninga di.

<sup>10</sup>Du var trygg i vondskapen din. Du sa: «Ingen ser meg.» Din visdom og kunnskap førte deg vill, så du sa i hjartet: «Eg og ingen annan!»

<sup>11</sup>Det vonde skal koma over deg, det kan du ikkje trylla bort. Ulukke skal falla over deg, du kan ikkje sona deg frå henne. Brått kjem øydelegginga over deg, du veit ikkje om henne.

<sup>12</sup>Kom no med di maning og alle trolldomskunstene dine som du har slite med frå du var ung. Kanskje kan du få hjelp, kanskje kan du skremma ulukka bort?

<sup>13</sup>Du er trøytt av mange slags råd. No får dei koma og frelsa deg, dei som deler inn himmelen, granskar stjernene og månad for månad varslar kva som skal henda deg.

<sup>14</sup>Sjå, dei blir som halm, elden brenner dei opp. Dei kan ikkje berga livet frå logane. Dette er ikkje glør til å verma seg ved, bål til å sitja framføre!

<sup>15</sup>Slik går det med trollmennene som du har slite for frå du var ung. Dei vinglar kvar til sin kant, det er ingen som frelser deg.

## Jesaja 48

### Eg forkynner noko nytt

<sup>1</sup>Høyr dette, Jakobs hus, de som blir kalla med Israels namn og er komne frå Judas kjelde, de som sver ved Herrens namn og kallar på Israels Gud, men ikkje i sanning og rettferd!

<sup>2</sup>Dei kallar seg etter den heilage byen og støttar seg til Israels Gud. Herren over hærskarane er hans namn.

<sup>3</sup>Dei første ting har eg fortalt frå før. Frå min munn gjekk det ut, eg forkynte det. Brått handla eg, og det hende.

<sup>4</sup>For eg veit at du er hard, med sener av jern i nakken og panne av bronse.

<sup>5</sup>Difor har eg fortalt det frå før, late deg få høyra det før det hende, så du ikkje skulle seia: «Gudebiletet mitt har gjort det, biletet eg har skore ut og støypt, har kravd det.»

<sup>6</sup>Du har høyr det, sjå no alt saman! Kan ikkje de fortelja det? Frå no av lèt eg deg få høyra noko nytt, løynde ting som du ikkje veit om.

<sup>7</sup>No blir dei skapte, ikkje før. Du har ikkje høyr om dei før i dag, så du ikkje skulle seia: «Sjå, eg visste det!»

<sup>8</sup>Du korkje høyrde eller visste det frå før, øyret ditt var ikkje ope for det. For eg veit kor trulaus du er, frå du var i mors liv vart du kalla ein syndar.

<sup>9</sup>For mitt namn skuld held eg att harmen min, for mi ære skuld legg eg band på meg og utryddar deg ikkje.

<sup>10</sup>Sjå, eg har reinsa deg, men ikkje som sølv, eg har prøvd deg i lidings smelteomn.

<sup>11</sup>For mi skuld, for mi skuld handlar eg, elles ville eg bli vanæra! Mi ære gjev eg ikkje til nokon annan.

**12** Høyr på meg, Jakob, du Israel, som eg har kalla! Eg er Han. Eg er den første, eg er òg den siste.

**13** Ja, mi hand har grunnlagt jorda, mi høgre hand har breidd himmelen ut. Eg kalla dei fram, og saman stod dei der.

**14** Kom saman, alle, og høyr! Kven blant dei har fortalt dette? Han som Herren elsker, skal utføra hans vilje med Babel, hans arm er over kaldearane.

**15** Eg, eg har tala og kalla han, eg har sendt han og lèt han lukkast på vegen.

**16** Kom hit til meg og høyr dette: Frå opphavs tid har eg aldri tala i det løynde, heilt frå det hende, var eg der. «No har Herren Gud sendt meg og sin Ande.»

**17** Så seier Herren, som løyser deg ut, Israels Heilage: Eg er Herren, din Gud, som lærer deg kva som hjelper, og fører deg på vegen du skal gå.

**18** Ville du berre høyra på mine bod! Då vart freden din som elva, rettferda di som havsens bølger.

**19** Då vart ætta di som sanden, etterkomarane dine som sandkorn, dei vart ikkje utrydda og namnet ikkje utsletta hos meg.

### **Heim frå Babel**

**20** Dra ut frå Babel, dra bort frå Kaldea! Fortel med jubelrop, lat det høyrast, bring det ut til enden av jorda. Sei: Herren har løyst ut sin tenar Jakob.

**21** Dei tørsta ikkje når han førte dei på aude stader, vatn frå berget lèt han strøyma fram for dei, han kløyvde fjellet, og vatnet fløynde ut.

**22** Dei urettferdige har ingen fred, seier Herren.

## **Jesaja 49**

### **Herrens tenar vitnar om kallet sitt**

**1** Høyr på meg, de kystar, lytt, de folk frå det fjerne! Herren kalla meg før eg vart fødd, frå eg var i mors liv, har han hugsa namnet mitt.

<sup>2</sup> Han gjorde munnen min til eit kvast sverd, i skuggen av si hand løynde han meg. Han gjorde meg til ei spiss pil, i koggeret sitt gøymde han meg.

<sup>3</sup> Han sa til meg: «Du er min tenar, Israel, på deg vil eg syna min herlegdom.»

<sup>4</sup> Men eg sa: «Fåfengt har eg streva, på vind og ingenting har eg brukt all mi kraft. Min rett er likevel hos Herren, mi løn er hos min Gud.»

<sup>5</sup> «Og no», seier Herren, som frå eg var i mors liv har forma meg til sin tenar for å føra Jakob tilbake til han så Israel kan samlast hos han – eg er æra i Herrens auge, min Gud er min styrke –

<sup>6</sup> han seier: «Det er for lite at du er min tenar som skal reisa opp att Jakobs stammar og føra tilbake dei som er att av Israel. Eg gjer deg til lys for folkeslag så mi frelse kan nå til enden av jorda.»

### **Heim frå fangenskapet**

<sup>7</sup> Så seier Herren, Den heilage, som løyser Israel ut, til han som er forakta, forkasta av folkeslag, slave under herskarar: Kongar skal sjå og reisa seg, fyrstar skal sjå og kasta seg ned, for Herren er trufast, Israels Heilage. Han har valt deg ut.

<sup>8</sup> Så seier Herren: I nådens tid svarar eg deg, på dagen for frelsa hjelper eg deg. Eg har forma deg og gjort deg til ei pakt for folket for å reisa landet opp att og skifta ut eigedomar som ligg aude,

<sup>9</sup> for å seia til fangar: «Gå ut!» og til dei som er i mørkret: «Kom fram!» Dei skal beita langs vegane og finna beite på alle snaue høgder.

<sup>10</sup> Dei skal ikkje svelta og ikkje tørsta, hete og sol skal ikkje råka dei. For han som viser miskunn, skal føra dei og leia dei til kjelder med vatn.

<sup>11</sup> Eg gjer alle fjella mine til veg, vegane mine skal byggjast høgare.

<sup>12</sup> Sjå, frå det fjerne kjem dei, somme frå nord og frå vest og somme frå Sinim-landet.

<sup>13</sup> Jubla, du himmel, og gled deg, du jord, bryt ut i jubel, de fjell! For Herren trøystar sitt folk og viser miskunn mot sine hjelpelause.



## Herren gløymer ikkje Sion

- 14** Sion seier: «Herren har forlate meg, Herren har gløymt meg.»
- 15** Kan ei kvinne gløyma sitt diande barn, ei omsorgsfull mor det barnet ho bar? Sjølv om dei skulle gløyma, skal ikkje eg gløyma deg.
- 16** Sjø, eg har teikna deg i hendene mine, murane dine er alltid framfor meg.
- 17** Dei som skal byggja deg, kjem springande, dei som la deg i ruinar og grus, dreg bort frå deg.
- 18** Lyft auga og sjå deg ikring! Alle samlar seg og kjem til deg. Så sant eg lever, seier Herren: Du skal ta dei alle på deg som eit smykke, som ei brur skal du binda dei om deg.
- 19** Ja, dine ruinar og aude stader og landet som ligg i grus, no blir det for trongt for dei som bur der. Langt borte er dei som vil sluka deg.
- 20** Endå ein gong skal øyret ditt høyra at borna du fekk i di barnløyse, seier: «Denne staden er trong for meg. Gjev plass, så eg kan bu her!»
- 21** Då skal du seia i hjartet ditt: «Kven har fødd meg desse? Eg var barnlaus og ikkje fruktbar, landlyst og fordriven. Kven har fostra desse? Sjø, eg var forlaten og åleine. Kvar kjem desse frå?»
- 22** Så seier Herren Gud: Sjø, eg lyfter handa for folkeslag og reiser mitt banner for folka. Dei kjem med sønene dine på armen, og døtrene dine ber dei på skuldrene.
- 23** Kongar skal vera fosterfedrar for deg og dronningar ammene dine. Dei skal kasta seg ned for deg med andletet mot jorda og slikka støvet for føtene dine. Då skal du kjenna at eg er Herren. Dei som set si von til meg, skal ikkje bli til skamme.
- 24** Kan byttet takast frå ein krigar, kan fangar bergast frå ein valdsmann?
- 25** Ja, så seier Herren: Fangar skal takast frå krigaren, og byttet skal bergast frå valds mannen. Eg vil strida mot dei som strider mot deg, og borna dine vil eg frelsa.

<sup>26</sup> Dei som var harde mot deg, lèt eg eta sitt eige kjøt og rusa seg på sitt eige blod som på druesaft. Og alle menneske skal kjenna at eg er Herren, som frelser deg, Jakobs Mektige, som løyser deg ut.

## Jesaja 50

### Har eg ikkje kraft til å berga?

<sup>1</sup> Så seier Herren: Kvar er skilsmissebrevet eg skal ha sendt mor dykkar bort med? Eller kva for ein långjevar er det eg skal ha selt dykk til? Sjå, for syndene dykkar vart de selde, for brota dykkar vart mor dykkar send bort.

<sup>2</sup> Kvifor fann eg ingen då eg kom, kvifor svara ingen då eg ropa? Er mi hand for kort til å fria ut, har eg ikkje kraft til å berga? Sjå, når eg trugar, legg eg sjøen tørr og gjer elvar til ørken, fisken stinkar, for vatnet er borte, han døyr av tørste.

<sup>3</sup> Eg kler himmelen i svart, eg sveiper han i sekkestrie.

### Herrens tenar er tillitsfull

<sup>4</sup> Herren Gud har gjeve meg læresveins tunge så eg kan styrkja den trøytt med eit ord. Morgon etter morgon vekkjer han mitt øyre så eg kan høyra på læresveins vis.

<sup>5</sup> Herren min Gud har opna mitt øyre. Eg var ikkje trassig og trekte meg ikkje tilbake.

<sup>6</sup> Ryggen overgav eg til dei som slo, kinnet til dei som reiv av meg skjegget, andletet løynde eg ikkje for vanære og spytt.

<sup>7</sup> Herren Gud hjelper meg, difor blir eg ikkje til spott, difor gjer eg andletet hardt som flint, og eg veit at eg ikkje blir til skamme.

<sup>8</sup> Han som frikjenner meg, er nær. Kven vil føra sak mot meg? Lat oss stå fram saman! Kven er min motpart? Lat han stiga fram mot meg!

<sup>9</sup> Sjå, Herren Gud hjelper meg. Kven vil dømma meg skuldig? Sjå, dei skal alle bli utslitne som klede, møll skal eta dei opp.

<sup>10</sup> Kven av dykk fryktar Herren og høyrer på røysta til tenaren hans, han som vandrar i mørker og ikkje har lys, men må stola på Herrens namn og støtta seg til sin Gud?

<sup>11</sup> Sjå, alle de som har kveikt opp eld og rusta dykk med brannpiler: Gå inn i den logande elden dykkar, mellom pilene de har kveikt! Frå mi hand kjem dette over dykk, i pinsle skal de liggja.

## Jesaja 51

### Guds frelse skal vara evig

<sup>1</sup> Høyr på meg, de som jagar etter rettferd, de som søkjer Herren! Sjå på berget de er hogne ut av, på brønnen de er gravne ut av!

<sup>2</sup> Sjå på Abraham, far dykkar, og på Sara, som fødde dykk! For han var berre éin då eg kalla han, men eg velsigna han og gjorde han til mange.

<sup>3</sup> Herren trøystar Sion, trøystar alle ruinane hennar. Han gjer ørkenen hennar lik Eden, øydemarka lik Herrens hage. Jubel og glede skal vera i henne, takkoffer med song og spel.

<sup>4</sup> Lytt til meg, mitt folk, mitt folkeslag, vend øyret til meg! For lov går ut frå meg, brått gjer eg min rett til lys for folka.

<sup>5</sup> Mi rettferd er nær, mi frelse bryt fram, mine armar dømmer folka. Fjerne kystar vonar på meg, dei ventar på min arm.

<sup>6</sup> Lyft auga mot himmelen og sjå på jorda her nede! Himmelen løyser seg opp som røyk, jorda skal slitast ut som eit klesplagg, og dei som bur der, skal døy som lus. Men mi frelse skal vara til evig tid, mi rettferd skal aldri knusast.

<sup>7</sup> Høyr på meg, de som kjenner rettferd, du folk som har mi lov i hjartet! Ver ikkje redd når menneske spottar, mist ikkje motet når dei håner!

<sup>8</sup> For møll skal eta dei som klede, mott skal eta dei som ull. Men mi rettferd skal vara til evig tid, mi frelse frå slekt til slekt.

### Gud skal igjen trøysta Sion

<sup>9</sup> Vakna, vakna og kled deg i kraft, du Herrens arm! Vakna som i gamle dagar, som i dei eldste tider! Var det ikkje du som felte Rahab og gjennombora sjøuhyret?

<sup>10</sup> Var det ikkje du som tørka ut havet, vatnet i det store djupet, og gjorde havbotnen til ein veg der dei som var løyste ut, kunne gå over?

<sup>11</sup> Dei som Herren har fria ut, skal venda attende. Dei kjem til Sion med jubel, med evig glede om panna. Fryd og glede møter dei, sorg og sukk må flykta.

<sup>12</sup> Eg, eg er den som trøystar dykk. Kven er du som fryktar menneske som må døy, menneskeborn som visnar lik gras.

<sup>13</sup> Du har gløymt Herren, som skapte deg, han som spente ut himmelen og grunnla jorda. Alltid, heile dagen, fryktar du vreiden til undertrykkjaren når han prøver å øydeleggja deg. Kvar er vreiden til undertrykkjaren?

<sup>14</sup> Snart skal den som er i lenkjer, bli løyst, han skal ikkje døy og gå i grav, og ikkje skal han mangla brød.

<sup>15</sup> Eg er Herren din Gud som rører opp havet så bølgiene brusar. Herren over hærskarane er hans namn.

<sup>16</sup> Eg har lagt mine ord i din munn og løynt deg i skuggen av mi hand. Eg har spent ut himmelen og grunnlagt jorda og sagt til Sion: «Du er mitt folk.»

### **Vakna, Jerusalem**

<sup>17</sup> Vakna, vakna og reis deg, Jerusalem, du som måtte drikka vreidebegeret frå Herrens hand, tømme giftbegeret til botnar!

<sup>18</sup> Det var ingen til å leia henne av alle dei borna ho fødde, ingen til å ta henne i handa av alle dei borna ho fostra.

<sup>19</sup> Vald og skade, svolt og sverd – kven trøysta deg? To og to har dei råka deg – kven syntest synd på deg?

<sup>20</sup> Borna dine ligg hjelpelause på alle gatehjørne som antiloper i garnet, fulle av Herrens vreide, av trugsmålet frå din Gud.

<sup>21</sup> Difor, høyr dette, du som er plaga, du som er drukken, men ikkje av vin!

<sup>22</sup>Så seier Herren, din herre og din Gud, som fører saka for sitt folk: Sjå, no tek eg ut av di hand det begeret som fekk deg til å rava, aldri meir skal du drikka den skåla att, mitt vredebeget.

<sup>23</sup> Eg rekkjer det til dei som plaga deg, dei som sa til deg: «Legg deg ned! Vi skal trakka på deg.» Du måtte gjera ryggen til flat mark, til ei gate å gå på.

## Jesaja 52

### Herren kjem tilbake til Sion

<sup>1</sup> Vakna, vakna og kled deg i kraft, Sion! Kled deg i finklede, Jerusalem, heilage by! For aldri meir skal ein uomskoren eller urein koma inn i deg.

<sup>2</sup> Rist støvet av deg, reis deg opp, set deg, Jerusalem! Løys lenkjene du har om halsen, dotter Sion i fangenskap!

<sup>3</sup> For så seier Herren: De vart selde utan betaling, og utan pengar skal de løysast ut.

<sup>4</sup> For så seier Herren Gud: Før i tida drog folket mitt ned til Egypt for å bu der som innflyttarar. Assur undertrykte dei utan grunn.

<sup>5</sup> Og no, kva skal eg gjera her? seier Herren. For folket mitt er teke utan vederlag. Dei som herskar over det, hylar, seier Herren, og alltid, dagen lang, blir namnet mitt forakta.

<sup>6</sup> Difor skal folket mitt kjenna namnet mitt på den dagen, for eg er Han, han som seier: «Her er eg!»

<sup>7</sup> Kor vakre dei er der dei spring over fjella, føtene til den som ber bod, forkynner fred, kjem med god budskap, forkynner frelse og seier til Sion: «Din Gud er konge!»

<sup>8</sup> Høyr, vaktmennene dine ropar høgt, dei jublar alle saman. For med eigne auge ser dei at Herren vender attende til Sion.

<sup>9</sup> Bryt ut i jubel saman, de Jerusalems ruinar! For Herren trøystar folket sitt, han løyser Jerusalem ut.

**10** Herren viser sin heilage arm for auga på alle folkeslag. Heile jorda får sjå frelsa frå vår Gud.

### **Dra ut**

**11** Dra bort, dra bort! Gå ut derifrå! Rør ikkje noko ureint! Gå ut frå henne, gjer dykk reine, de som ber Herrens kar!

**12** For de skal ikkje gå ut i hast, og ikkje skal de flykta. For Herren går framfor dykk, og bak dykk går Israels Gud.

### **Herrens lidande tenar**

**13** Sjå, min tenar skal ha framgang, han skal opphøgjast og lyftast opp og bli svært høg.

**14** Slik mange vart forfærde over deg – så øydelagd var han, han likna ikkje ein mann, han såg ikkje ut som eit menneske –

**15** slik skal mange folkeslag undrast, for hans skuld skal kongar lata att sin munn. For det som ikkje vart fortalt dei, skal dei sjå, og det dei ikkje hørde, skal dei skjøna.

## **Jesaja 53**

**1** Kven trudde bodskapen vi fekk? Kven vart Herrens arm openberra for?

**2** Han skaut opp som ei spire for hans andlet, som ein renning av tørr jord. Han hadde ingen herleg skapnad vi kunne sjå på, ikkje ein utsjånad vi kunne gleda oss over.

**3** Han var forakta, forlaten av menneske, ein mann av smerte, kjend med sjukdom, ein dei løyner andletet for. Han var forakta, vi rekna han ikkje for noko.

**4** Sanneleg, våre sjukdomar tok han, vår smerte bar han. Vi tenkte: Han er ramma, slegen av Gud og plaga.

**5** Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte.

<sup>6</sup> Vi gjekk oss alle vill som sauer, kvar tok sin eigen veg, men skulda vi alle hadde, lét Herren ramma han.

<sup>7</sup> Han vart mishandla, han vart plaga, og han opna ikkje munnen, lik eit lam som blir ført til slakting, lik ein sau som teier når han blir klipt, og han opna ikkje munnen.

<sup>8</sup> Etter fengsel og dom vart han teken bort. Men kven i hans tid tenkte på at han vart utrydda frå landet til dei levande fordi brota til folket mitt ramma han?

<sup>9</sup> Då han var død, fekk han grav blant urettferdige og hos ein rik, endå han ikkje hadde brukt vald og det ikkje fanst svik i hans munn.

<sup>10</sup> Det var Herrens vilje å knusa han med sjukdom. Når hans liv er gjeve som skuldoffer, skal han sjå etterkomarar og leva lenge. Ved hans hand skal det lukkast, det Herren vil.

<sup>11</sup> Etter si naud skal han sjå {{lys}}, han skal mettast ved si innsikt. Min rettferdige tenar skal gjera dei mange rettferdige, han har bore deira skuld.

<sup>12</sup> Difor gjev eg han del med dei mange, med dei mektige deler han bytte, fordi han tømde ut sitt liv til døden og vart rekna blant brotsmenn. Han tok på seg synda til dei mange og vart ramma i staden for brotsmenn.

## Jesaja 54

### Herren tek Israel til nåde att

<sup>1</sup> Jubla, du barnlause som ikkje fødde, bryt ut i jubelrop, du som ikkje fekk rier! For ho som er forlaten, får fleire born enn ho som har mann, seier Herren.

<sup>2</sup> Lag større plass i teltet ditt, spenn teltdukane ut, spar ikkje på dei, gjer snorene lange, slå pluggane fast!

<sup>3</sup> For til høgre og venstre skal du breia deg ut. Di ætt skal driva ut folkeslag og bu i byar som låg aude.

<sup>4</sup> Ver ikkje redd, du skal ikkje bli til skamme. Lat deg ikkje audmjuka, for du skal ikkje bli vanæra. For din ungdoms skam skal du gløyma, din enkjestands vanære skal du ikkje lenger hugsa.

<sup>5</sup> For han som laga deg, er din ektemann, Herren over hærskarane er hans namn. Han som løyser deg ut, er Israels heilage, han blir kalla Gud for heile jorda.

<sup>6</sup> Forlatne og sorgfulle kvinne, Herren kallar på deg. Kan ein forkasta sin ungdoms kvinne? seier din Gud.

### **Herrens fredspakt**

<sup>7</sup> Ein liten augneblink forlét eg deg, men i mi store miskunn tek eg deg tilbake.

<sup>8</sup> Medan harmen fløynde, løynde eg andletet for deg ein augneblink, men med evig godleik vil eg miskunna meg over deg, seier Herren, som løyser deg ut.

<sup>9</sup> For meg er dette som Noah-flaumen. Slik eg svor at Noah-flaumen aldri meir skulle koma over jorda, slik sver eg no at eg aldri meir skal bli harm på deg og truga deg.

<sup>10</sup> For om fjella vik og haugane vaklar, skal min godleik aldri vika frå deg, mi fredspakt skal ikkje vakla, seier Herren, som viser deg miskunn.

<sup>11</sup> Du hjelpelause og forblåne som ikkje finn trøyst! Sjå, eg legg ein grunnvoll for deg av edelsteinar og byggjer grunnmuren din med safirar.

<sup>12</sup> Murtindane gjer eg av rubinar, portane dine av krystallar og heile ringmuren av kostesame steinar.

<sup>13</sup> Alle dine born skal lærast opp av Herren; stor blir freden for borna dine.

<sup>14</sup> Ved rettferd skal du vera grunnlagd, langt borte frå undertrykking. For du skal ikkje vera redd, og øydelegging skal ikkje nå deg.

<sup>15</sup> Sjå, om nokon går til åtak, kjem det ikkje frå meg. Den som går til åtak på deg, skal falla for di hand.



<sup>16</sup>Sjå, det er eg som har skapt smeden som pustar til kolelden og lagar våpen til alle slags bruk. Det er eg som har skapt øydeleggjaren til å skada.

<sup>17</sup> Kvar våpen som er smidd mot deg, skal mislukkast. Kvar tunge som talar mot deg i retten, skal du kjenna skuldig. Dette er arven Herrens tenarar får, rettferda som eg gjev dei, seier Herren.

## Jesaja 55

### Herrens nådige innbyding

<sup>1</sup> Kom, alle tørste, kom til vatnet! De utan pengar, kom og kjøp korn og et! Kom, kjøp korn utan pengar, vin og mjølk utan betaling!

<sup>2</sup> Kvifor bruka pengar på det som ikkje er brød, og arbeid på det som ikkje mettar? Høyr no på meg, så skal de få eta det som godt er, og fryda dykk over feite retter.

<sup>3</sup> Vend øyret hit og kom til meg, høyr, så skal de leva! Eg vil gjera ei evig pakt med dykk, mi miskunn mot David står fast.

<sup>4</sup> Sjå, til vitne for folka sette eg han, til fyrste og herskar over folka.

<sup>5</sup> Sjå, eit folkeslag du ikkje kjenner, skal du kalla på, eit folkeslag som ikkje kjenner deg, skal springa mot deg for Herren din Guds skuld, Israels Heilage, som gjer deg herleg.

### Søk Herren medan han er å finna

<sup>6</sup> Søk Herren medan han er å finna, kall på han når han er nær!

<sup>7</sup> Den urettferdige skal venda seg bort frå sin veg, ugjerningsmannen frå sine tankar, og venda om til Herren, som vil visa miskunn, til vår Gud, for han er rik på tilgjeving.

<sup>8</sup> For mine tankar er ikkje dykkar tankar, og dykkar vegar er ikkje mine vegar, seier Herren.

<sup>9</sup> Som himmelen er høgt over jorda, slik er mine vegar høgt over dykkar vegar og mine tankar høgt over dykkar tankar.

<sup>10</sup>For lik regn og snø som fell frå himmelen og ikkje vender attende dit før dei har vatna jorda, gjort henne fruktsam og fått henne til å spira, gjeve såkorn til den som skal så, og brød til den som skal eta,

<sup>11</sup>slik er mitt ord som går ut or min munn: Det vender ikkje tomt attende til meg, men gjer det eg vil og fullfører det eg sender det til.

<sup>12</sup> For med glede skal de dra ut, i fred skal de førast fram. Fjell og haugar bryt ut i jubel framfor dykk, alle tre på marka klappar i hendene.

<sup>13</sup> I staden for klunger skal det veksa sypressar, i staden for nesler skal det veksa myrt. Slik skal Herren få eit namn, eit evig teikn som aldri skal slettast ut.

## Jesaja 56

### Eit hus for bøn

<sup>1</sup> Så seier Herren: Ta vare på det som er rett, gjer det som er rettferdig! Mi frelse er nær, ho skal koma, og mi rettferd, ho skal openberrast.

<sup>2</sup> Sæl er den som gjer dette, kvart menneske som held fast ved det, som held sabbaten og ikkje vanhelgar han, og vaktar si hand så ho ikkje gjer noko vondt.

<sup>3</sup> Den framande som har slutta seg til Herren, skal ikkje seia: «Herren vil skilja meg ut frå sitt folk.» Evnukken skal ikkje seia: «Sjå, eg er eit tørt tre.»

<sup>4</sup> For så seier Herren: Evnukkar som held mine sabbatar, som vel å gjera det eg vil og held fast ved mi pakt,

<sup>5</sup> dei gjev eg ei minnetavle og eit namn i mitt hus og på mine murar. Dette er betre enn søner og døtrer. Eg gjev dei eit evig namn som aldri skal slettast ut.

<sup>6</sup> Og dei framande som har slutta seg til Herren, som vil gjera teneste for han og elska Herrens namn og vera hans tenarar, alle som held sabbaten og ikkje vanhelgar han, men held fast ved mi pakt,

<sup>7</sup> dei fører eg til mitt heilage fjell og lèt dei gleda seg i mitt bønehus. Brennoffer og slaktoffer frå dei gjev velvilje på mitt altar. For mitt hus skal kallast eit bønehus for alle folk,

<sup>8</sup> seier Herren Gud, som samlar Israels fordrivne. Endå fleire vil eg samla enn dei som alt er samla.

### **Israels leiarar er blinde**

<sup>9</sup> Alle dyr på marka, kom og et, alle dyr i skogen!

<sup>10</sup> Vaktmennene er alle blinde, alle saman, dei skjønar ikkje. Alle er mållause hundar som ikkje kan gøy. Dei ligg og drøymmer, dei likar å sova.

<sup>11</sup> Dei er grådige hundar, aldri blir dei mette. Og dei skal vera gjetarar, dei som ikkje skjønar! Alle vender seg kvar sin veg, kvar til si vinning.

<sup>12</sup> «Kom, eg skal henta vin, vi drikk oss fulle på det sterke! Morgondagen skal bli som denne, ein stor og herleg dag.»

## **Jesaja 57**

### **Israel er eit trulaust folk**

<sup>1</sup> Den rettferdige går til grunne, og ingen bryr seg om det. Dei trufaste blir rivne bort utan at nokon merkar det. Av vondskap er den rettferdige riven bort.

<sup>2</sup> Han går inn med fred. Dei kviler der dei ligg. Han gjekk den rette vegen.

<sup>3</sup> Men kom hit, de søner av ei kvinne som tyder teikn, de avkom av ein ekteskapsbrytar og ei hore!

<sup>4</sup> Kven har de moro med? Kven geipar de til og rekkjer tunge mot? Sanneleg, de er born av synd, avkom av løgn!

<sup>5</sup> De brenn av lyst mellom eiketrea, under kvart frodig tre, de slaktar born i elveleia, nede i fjellkløftene.

<sup>6</sup> Dei glatte steinane i elveleiet er din del, dei er din lut. For dei auser du ut drikkoffer og ofrar grødeoffer. Skulle eg finna meg i det?

<sup>7</sup> På eit høgt og stort fjell gjorde du i stand ei lege. Der gjekk du opp for å ofra slaktoffer.

<sup>8</sup> Bak dør og dørkarm sette du ditt merke. Du gjekk bort frå meg, du kledde av deg, du la deg ned og gjorde plass. Du gjorde avtale med dei som du elsker å liggja med, du såg dei nakne.

<sup>9</sup> Du drog til Melek med olje og hadde mykje salve med deg. Du sende bodberarar langt av stad, lét dei gå ned i dødsriket.

<sup>10</sup> Du vart sliten av den lange vegen, men du sa ikkje: «Det er fåfengt.» Hendene dine søkte nye krefter, difor vart du ikkje sjuk.

<sup>11</sup> Kven er det du fryktar og er redd, sidan du lever i løgn? Meg hugsar du ikkje og bryr deg ikkje om. Nei, eg tagde i lange tider, så meg var du ikkje redd.

<sup>12</sup> Eg vil fortelja om di rettferd og om dine gjerningar. Dei kan ikkje hjelpa deg.

<sup>13</sup> Samlinga di av gudar får berga deg når du ropar. Vinden lyfter dei, alle saman, eit vindpust tek dei med seg. Men dei som tek si tilflukt til meg, skal arva landet og ta mitt heilage fjell i eige.

### **Den som er knust og nedbøygd i ånda**

<sup>14</sup> Han seier: Bygg, bygg, rydd veg! Ta bort kvar snublestein frå vegen til folket mitt!

<sup>15</sup> Så seier han som er høg og opphøgd, han som tronar evig, Den heilage er hans namn: I det høge og heilage bur eg og hos den som er knust og nedbøygd i ånda. Eg vil gje ånda liv hos dei som er bøygde ned, gje hjartet liv hos dei som er knuste.

<sup>16</sup> For eg fører ikkje sak til evig tid og er ikkje harm for alltid. Då ville ånda bli kraftlaus for mitt andlet, livspusten som eg har laga.

<sup>17</sup> Fordi han var skuldig og grådig, vart eg harm og slo han. Eg løynde meg i vreide. Men han vende seg bort og gjekk ein veg etter eige hjarte.

<sup>18</sup>Eg såg dei vegar han gjekk. No vil eg lækja han og leia han og gje han trøyst. Hos dei som sørgjer,

<sup>19</sup> skaper eg ny frukt på leppene: Fred, fred til den som er nær og til den som er langt borte, seier Herren. Eg vil lækja han.

<sup>20</sup> Men dei urettferdige er som det opprørte havet, for det kan ikkje falla til ro, og bølgene rører opp mudder og gjørme.

<sup>21</sup> Det finst ingen fred, seier min Gud, for dei urettferdige.

## Jesaja 58

### Rett faste og sabbatshelg

<sup>1</sup> Rop av full hals, spar deg ikkje. Lat røysta runga som eit horn! Fortel mitt folk om deira brot og Jakobs hus om deira synder!

<sup>2</sup> Dei søkjer meg dag etter dag og ønskjer å kjenna mine vegar. Dei liknar eit folk som gjer det som er rettferdig, og ikkje vender seg bort frå det som er rett for deira Gud. Dei spør etter mine rettferdige lover og ønskjer å vera nær Gud.

<sup>3</sup> «Kvifor ser du ikkje at vi fastar, kvifor merkar du ikkje at vi plagar oss sjølve?» Sjå, på fastedagen gjer de som de vil, de driv alle arbeidsfolk hardt.

<sup>4</sup> Sjå, når de fastar, blir det strid og krancling og slagsmål med urettferdige nevar. De fastar ikkje slik i dag at røysta dykkar kan høyrast i det høge.

<sup>5</sup> Er dette den fasta eg har valt, ein dag då mennesket plagar seg sjølv, bøyer hovudet som eit siv og legg seg i sekk og oske? Kallar du dette for faste og ein dag etter Herrens vilje?

<sup>6</sup> Nei, dette er fasta eg har valt: å løysa urettferdige lenkjer, sprengja banda i åket, setja undertrykte fri og å bryta kvart åk sund,

<sup>7</sup> å dela ditt brød med svoltne og la hjelpelause og heimlause koma i hus. Du skal sjå til den nakne og kle han, du skal ikkje snu ryggen til dine eigne.

<sup>8</sup> Då skal lyset renna for deg som morgonrøden, brått skal du lækjast. Di rettferd skal gå framfor deg og Herrens herlegdom følgja etter deg.

<sup>9</sup> Då skal du kalla, og Herren skal svara, du skal ropa, og han skal seia: «Eg er her!» Om du tek bort kvart åk hos deg, ikkje peikar med fingrane og talar vondt,

<sup>10</sup> om du gjev av ditt eige til den svoltne og sjølv mettar den som lid naud, då skal lyset ditt gå opp i mørkret, natta di skal bli som høglys dag.

<sup>11</sup> Herren skal alltid leia deg og metta sjela di i det tørre landet. Han skal styrkja kroppen din så du blir som ein vassrik hage, ei kjelde der vatnet aldri sviktar.

<sup>12</sup> Dine gamle ruinar skal byggjast opp att, du skal gjenreisa grunnmurar frå eldgamle slekter. Du skal kallast Den som murar att rivner, Den som set i stand vegar så folk kan bu der.

<sup>13</sup> Om du sluttar å trakka på sabbaten og gjera som du vil på min heilagdag, men kallar sabbaten ei lyst og Herrens heilagdag ærverdig, om du held han i ære og ikkje går dine eigne vegar, gjer som du vil og talar tomme ord,

<sup>14</sup> då skal du ha di lyst i Herren. Eg lèt deg ri over høgdene i landet og eta av arven etter Jakob, far din. For Herrens munn har tala.

## Jesaja 59

### Synd og frelse

<sup>1</sup> Sjå, Herrens hand er ikkje for kort til å frelsa, og øyret hans er ikkje for tungt til å høyra.

<sup>2</sup> Nei, det er skulda som skil mellom dykk og dykkar Gud. Syndene dykkar løyner andletet hans så han ikkje høyrer dykk.

<sup>3</sup> For hendene dykkar er tilsølte med blod og fingrane av skuld, leppene dykkar talar løgn, og tunga mumlar svik.

<sup>4</sup> Ingen stemner til doms med rette, og ingen fører sak på ærleg vis. Dei lit på tomleik og talar løgn, dei unnfangar urett og føder vondskap.

<sup>5</sup> Dei klekkjer ut ormeegg og vev spindellev. Den som et av egga, døyr, blir dei knuste, blir det klekt ut ein slange.

- <sup>6</sup> Det dei vev, duger ikkje til klede, ingen kan kle seg i det dei lagar. Det dei gjer, er vondskaps gjerning, valdsverk kjem frå hendene deira.
- <sup>7</sup> Føtene deira spring etter vondskap, dei er raske til å ausa ut uskuldig blod. Dei legg vonde planar, der dei fer, er det herjing og øydelegging.
- <sup>8</sup> Freds veg kjenner dei ikkje, det finst ingen rett i fotspora deira. Dei lagar seg krokvegar, den som går der, kjenner ikkje fred.
- <sup>9</sup> Difor er retten langt borte frå oss, rettferda når oss ikkje. Vi vonar på lys, men sjå, det er natt, på lysglans, men vi går i mørker.
- <sup>10</sup> Vi famlar langs veggen som blinde, famlar som om vi var utan auge. Vi snublar midt på dagen som om det var skumring, midt i livet er vi som døde.
- <sup>11</sup> Vi brummar alle som bjørnar, vi klynkar som duer. Vi vonar på rett, men det finst ikkje, på frelse, men ho er langt borte frå oss.
- <sup>12</sup> Våre mange brot er framfor deg, våre synder vitnar imot oss. For vi veit om våre brot, og vi kjenner vår skuld.
- <sup>13</sup> Vi har gjort opprør og forneakta Herren, snudd oss bort frå vår Gud, tala om undertrykking og fråfall og brumma usanne ord som vi unnfanga i hjartet.
- <sup>14</sup> Retten er driven tilbake, rettferda står langt borte. For sanninga har snubla på torget, og det som er rett, kjem ingen veg.
- <sup>15</sup> Sanninga er borte, den som vender seg frå det vonde, blir plyndra. Herren såg det, og det var vondt i hans auge, for det fanst ingen rett.
- <sup>16</sup> Han såg ikkje nokon som kom til hjelp, han undra seg over at ingen greip inn. Men hans arm gav han siger, hans rettferd støtta han.
- <sup>17</sup> Han kledde seg i rettferd som brynje og sette frelses hjelm på hovudet. Han kledde seg i hemnens drakt og sveipte om seg lidenskapens kappe.
- <sup>18</sup> Som gjerninga er, slik gjengjelder han: harme mot motstandarar, gjengjeld mot fiendar, mot fjerne kystar gjer han gjengjeld.
- <sup>19</sup> Dei skal frykta Herrens namn i vest og hans herlegdom i aust. For han kjem som ein veldig flaum, Herrens ande driv han fram.

<sup>20</sup> Ein som løyser ut, skal koma til Sion, til dei hos Jakob som vender om frå synd, seier Herren.

<sup>21</sup> Dette er mi pakt med dei, seier Herren: Min Ande som er over deg, og mine ord som eg har lagt i din munn, skal ikkje vika frå din munn og ikkje frå munnen til borna og barneborna dine, seier Herren, frå no og til evig tid.

## Jesaja 60

### Jerusalems herlege framtid

<sup>1</sup> Reis deg, bli lys! For lyset ditt kjem, Herrens herlegdom går opp over deg.

<sup>2</sup> Sjå, mørker dekkjer jorda, skodde dekkjer folka. Men over deg går Herren opp, hans herlegdom viser seg over deg.

<sup>3</sup> Folkeslag skal gå mot ditt lys, kongar gå mot din soloppgang.

<sup>4</sup> Lyft auga, sjå deg ikring! Alle samlar seg og kjem til deg. Sønene dine kjem frå det fjerne, døtrene dine blir borne på armen.

<sup>5</sup> Då skal du sjå det og stråla, hjartet skal skjelva og svulma. For havsens skattar blir dine, rikdomen til folkeslaga kjem til deg.

<sup>6</sup> Kamelar i mengd dekkjer deg, kamelfolar frå Midjan og Efa. Alle frå Saba kjem, gull og røykjelse har dei med seg, dei forkynner Herrens pris.

<sup>7</sup> Alt småfe frå Kedar samlast hos deg, vêrar frå Nebajot står til di teneste. Dei skal ofrast på mitt altar til glede for meg. Eg vil pryda mitt herlege tempel.

<sup>8</sup> Kven er dei som flyg som ei sky, som duer til dueslaget?

<sup>9</sup> Fjerne kystar vonar på meg. Tarsis-skipa er dei første til å føra borna dine frå det fjerne, og sølvet og gullet med dei, for namnet til Herren din Gud, for Israels Heilage, som gjev deg herlegdom.

<sup>10</sup> Framande skal byggja opp murane dine, kongane deira skal tena deg. I min harme har eg slege deg, men i min nåde miskunnar eg deg.

<sup>11</sup> Portane dine skal alltid stå opne, korkje dag eller natt skal dei stengjast, så rikdomen til folkeslaga kan førast til deg og kongane deira førast fram.



<sup>12</sup>For det folkeslag eller kongerike som ikkje vil tena deg, skal gå til grunne, og folkeslaga skal ryddast ut.

<sup>13</sup> Libanons herlegdom skal koma til deg, syressar saman med gran og buksbom, til pryð for den staden der min heilagdom står. Eg vil æra staden der eg set min fot.

<sup>14</sup> Borna til dei som plaga deg, skal koma og bøya seg ned for deg. Alle som forakta deg, skal kasta seg ned for føtene dine. Dei skal kalla deg Herrens by, Sion, som høyrer Israels Heilage til.

<sup>15</sup> Før var du forlaten og forakta, og ingen besøkte deg, men no gjer eg deg stor for alltid, til glede frå slekt til slekt.

<sup>16</sup> Du skal få suga mjølk frå folkeslaga, av kongars bryst skal du suga. Du skal kjenna at eg er Herren, din frelsar, Jakobs Mektige som løyser deg ut.

<sup>17</sup> Eg kjem med gull i staden for bronse, eg kjem med sølv i staden for jern, bronse i staden for tre og jern i staden for stein. Eg lèt fred ha tilsyn med deg og rettferd styra hos deg.

<sup>18</sup> Ingen skal høyra meir om vald i ditt land, om herjing og øydelegging innanfor dine grenser. Du skal kalla murane dine Frelse og portane dine Lovsong.

<sup>19</sup> Sola skal ikkje meir vera ditt lys om dagen, måneskinet skal ikkje lysa for deg, men Herren skal vera ditt lys for evig, din Gud skal vera din herlegdom.

<sup>20</sup> Sola di skal ikkje meir gå ned, månen din skal aldri minka. For Herren skal vera ditt lys for evig. Sørgjedagane dine er til ende.

<sup>21</sup> I ditt folk skal alle vera rettferdige, dei skal eiga landet til evig tid. Dei er eit skot i min hage, som hendene mine har laga til mi ære.

<sup>22</sup> Den minste skal bli til tusen, den ringaste til eit mektig folkeslag. Eg er Herren, når tida er inne, lèt eg det skje i hast.

## Jesaja 61

### Eit nådeår frå Herren

<sup>1</sup> Herren Guds ande er over meg, for Herren har salva meg. Han har sendt meg for å forkynna ein god bodskap for hjelpelause, for å forbinda dei som har eit knust hjarte, ropa ut fridom for dei som er i fangenskap, og frigjering for dei som er bundne,

<sup>2</sup> for å ropa ut eit nådens år frå Herren og ein hemnens dag frå vår Gud, for å trøysta alle som sørgjer,

<sup>3</sup> og gje dei sørgjande i Sion turban i staden for oske, gledeolje i staden for sorg, lovsongsdrakt i staden for motlaus ånd. Dei skal kallast Rettferds eiketre som Herren har planta for å syna sin herlegdom.

<sup>4</sup> Dei skal byggja opp att gamle ruinar og gjenreisa det som før låg audt, dei skal byggja opp att ruinbyane som låg aude frå slekt til slekt.

<sup>5</sup> Framande skal stå og gjeta småfeet for dykk, utlendingar skal vera bønder og vindyrkarar for dykk.

<sup>6</sup> Men de skal kallast Herrens prestar. Tenarar for vår Gud, skal de heita. De skal eta av rikdomen til folka og overta deira prakt.

<sup>7</sup> Før hadde de dobbel skam og vanære. No skal dei jubla over sin del. Difor skal dei ha dobbel arv i landet, evig glede skal dei få.

<sup>8</sup> For eg er Herren, som elsker rett og hatar ran og urett. I truskap gjev eg dei løn og gjer ei evig pakt med dei.

<sup>9</sup> Ætta deira skal bli kjend mellom folkeslaga, etterkomarane deira mellom folka. Alle som ser dei, skal skjønna at dei er ei ætt som Herren velsignar.

<sup>10</sup> Eg gleder meg i Herren, mi sjel jublar over min Gud. For han har kledd meg i frelsesklede og sveipt meg i rettferds kappe lik ein brudgom som set på seg presteleg turban, lik ei brur som pyntar seg med smykke.

<sup>11</sup> For som jorda lèt spirene veksa, som ein hage lèt frøa gro, så skal Herren Gud la rettferd og lovsong spira fram for alle folkeslag.

## Jesaja 62

### Sion får att sin herlegdom

- <sup>1</sup> For Sions skuld vil eg ikkje teia, for Jerusalems skuld vil eg ikkje vera roleg før hennar rettferd bryt fram som lysglans og hennar frelse brenn som ein fakkell.
- <sup>2</sup> Folkeslag skal sjå di rettferd og alle kongar din herlegdom. Du skal få eit nytt namn som Herren sjølv skal kunngjera.
- <sup>3</sup> Du skal bli ein herleg krans i Herrens hand, eit kongeleg diadem i din Guds opne hand.
- <sup>4</sup> Du skal ikkje lenger kallast Den forlatne, og landet skal ikkje lenger kallast Det som er lagt audt. Men du skal heita Den eg har kjær, og landet ditt Den eg har teke til ekte. For Herren har deg kjær og vil ta landet til ekte.
- <sup>5</sup> Som ein ungdom gifter seg med ei jomfru, skal dine søner gifta seg med deg, som ein brudgom gleder seg over si brur, skal din Gud gleda seg over deg.
- <sup>6</sup> Eg har sett vaktmenn ut på murane dine, Jerusalem. Dei skal aldri teia, korkje dag eller natt. De som påkallar Herren, unn dykk ikkje ro!
- <sup>7</sup> Lat han ikkje få ro før han byggjer Jerusalem opp att og gjer henne til ein lovsong på jorda.
- <sup>8</sup> Herren sver ved si høgre hand og ved sin veldige arm: Eg vil aldri meir gje kornet ditt til mat for fiendane dine, og ikkje skal framande drikka den nye vinen som du har slite for.
- <sup>9</sup> Nei, dei som haustar, skal eta og prisa Herren. Dei som sankar, skal drikka i mine heilage tempelgardar.
- <sup>10</sup> Fram, fram gjennom portane, rydd veg for folket! Bygg veg, bygg veg og reins han for stein! Reis eit banner for folka!
- <sup>11</sup> Høyr, Herren lèt det høyrast til enden av jorda: Sei til dotter Sion: Sjå, di frelse kjem! Dei han fekk som løn, er med han, dei han vann, går føre han.
- <sup>12</sup> Dei skal kallast Det heilage folket, dei som er løyste ut av Herren, og sjølv skal du kallast Den etterspurde, byen som ikkje er forlaten.

## Jesaja 63



## Straff og utløyning

<sup>1</sup> Kven er han som kjem frå Edom, frå Bosra i raude klede, han med den staselege drakta, han som skrid fram med stor kraft? «Det er eg, som talar i rettferd og har makt til å frelsa.»

<sup>2</sup> Kvifor er drakta di så raud, lik kleda til ein som trakkar druer?

<sup>3</sup> «I vinpressa trakka eg åleine, ingen av folka var med meg. Eg trakka på dei i min vreide og trampa dei ned i min harme. Safta deira spruta på kleda mine, heile drakta mi vart tilsølt.

<sup>4</sup> For eg hadde hemnens dag i hjartet, året for å løysa ut var kome.

<sup>5</sup> Eg såg meg om, det var ingen som hjelpte, eg undra meg, men fekk inga støtte. Armen min hjelpte meg, og harmen min støtta meg.

<sup>6</sup> Eg trampa folka ned i min vreide og knuste dei i min harme, og blodet deira lét eg renna til jorda.»

## Folket angrar og bed om frelse

<sup>7</sup> Eg vil minnast Herrens velgjerningar og lovsyngja Herren for alt det Herren har gjort for oss, for alt det gode han har gjort mot Israels hus i si miskunn og sin store kjærleik.

<sup>8</sup> Han har sagt: «Ja, dei er mitt folk, born som aldri svik.» Og han vart deira frelsar.

<sup>9</sup> I all deira trengsle var det inga trengsle. Engelen for hans andlet frelste dei. I sin kjærleik og i si medkjensle løyste han dei ut. Alltid lyfte han dei og bar dei i gamle dagar.

<sup>10</sup> Men dei var trassige og gjorde hans heilage Ande sorg. Så vart han ein fiende for dei, han kjempa sjølv imot dei.

<sup>11</sup> Då tenkte folket på gamle dagar, på Moses. Kvar er han som førte ein gjetar for småfeet sitt opp frå vatnet? Kvar er han som gav sin heilage Ande i hans indre,

<sup>12</sup>han som lét sin herlege arm gå fram på høgre sida av Moses, han som kløyvde vatnet framfor dei for å skapa seg eit evig namn,

<sup>13</sup>han som lét dei gå gjennom djupa som hesten gjennom ørkenen? Dei snubla ikkje.

<sup>14</sup>Lik buskap som går ned i dalen, førte Herrens ande dei til kvile. Slik leidde du ditt folk for å skapa deg eit herleg namn.

<sup>15</sup> Sjå ned frå himmelen, frå din heilage, herlege bustad! Kvar er din lidenskap og din styrke? Ditt dirrande hjarte og di miskunn held seg attende for meg.

<sup>16</sup> For du er vår far! Abraham kjenner oss ikkje, og Israel vil ikkje vita av oss. Du, Herre, er vår far. Ditt namn frå gamle dagar er Han som løyser oss ut.

<sup>17</sup>Kvifor fører du oss bort, Herre, frå dine vegar? Kvifor gjer du hjartet vårt hardt så vi ikkje fryktar deg? Vend attende for dine tenarar skuld, stammene som er din eigeidom!

<sup>18</sup> Lite eigde ditt heilage folk, våre motstandarar trakka din heilagdom ned.

<sup>19</sup>Det er som om du aldri hadde herska over oss, som om namnet ditt ikkje var nemnt over oss.

## Jesaja 64

<sup>1</sup>Ville du berre flerra himmelen og stiga ned så fjella dirra for deg, som når elden fatar i kvistene, som når elden får vatnet til å koka, for å læra dine motstandarar å kjenna ditt namn! Folkeslag skulle skjelva for ditt andlet

<sup>2</sup>når du gjorde skremmande gjerningar vi ikkje venta, og steig ned så fjella dirra for deg.

<sup>3</sup>Aldri har nokon høyrte eller lytta til, aldri har noko auge sett nokon annan gud enn deg som kan gjera slikt for dei som ventar på han.

<sup>4</sup>Du møter den som er glad og gjer rett, dei som hugsar deg og går dine vegar. Sjå, du vart harm når vi synda i gamle dagar, men vi vart frelste.

<sup>5</sup> Alle vart vi som ureine, all vår rettferd som ureint tøy. Vi visna alle som lauv, vår skuld tek oss bort som ein vind.

<sup>6</sup> Det er ingen som kallar på ditt namn, som vaknar opp og held fast ved deg. For du har løynt andletet for oss og gjeve oss over til vår skuld.

<sup>7</sup> Men no, Herre, er du vår far! Vi er leira, du han som formar oss, alle er vi verk av di hand.

<sup>8</sup> Herre, ver ikkje harm, hugs ikkje vår skuld for alltid! Sjå no hit, alle er vi ditt folk!

<sup>9</sup> Dine heilage byar har vorte til ørken, Sion har vorte ein ørken og Jerusalem ei øydemark.

<sup>10</sup> Vårt heilage og herlege tempel, der fedrane våre lova deg, har elden svidd av. Alt vi var glade i, er lagt i ruinar.

<sup>11</sup> Kan du tola dette, Herre, teia og audmjuka oss så djupt?

## Jesaja 65

### Herren straffar og gjev nåde

<sup>1</sup> Eg hadde svar til dei som ikkje spurde, eg var å finna for dei som ikkje søkte meg. Eg sa: «Her er eg! Her er eg!» til eit folkeslag som ikkje kalla på mitt namn.

<sup>2</sup> Heile dagen rekte eg hendene ut til eit trassig folk som gjekk fram etter eigne tankar på vegar som ikkje var gode.

<sup>3</sup> Alltid gjer folket meg rasande rett opp i andletet. Dei ofrar slaktoffer i hagane og brenner røykoffer på teglstein.

<sup>4</sup> Dei held til i gravene og ligg på løynde stader om natta. Dei et svinekjøt og koker suppe på ureint offerkjøt.

<sup>5</sup> Dei seier: «Hald deg unna, kom ikkje nær meg, for eg er heilag for deg!» Slike er røyk i nasen på meg, ein eld som brenn heile dagen.

<sup>6</sup> Sjå, det er skrive opp framfor meg. Eg vil ikkje teia før eg har gjort gjengjeld. Eg skal gjengjelda dei rett i fanget,

<sup>7</sup> Både for dykkar egne synder og for syndene til fedrane, seier Herren. Dei brende røykoffer på fjella og vanæra meg på haugane. Eg skal måla opp det dei før har gjort, og senda det rett i fanget på dei.

<sup>8</sup> Så seier Herren: Så lenge det finst saft i druene, heiter det: «Øydelegg dei ikkje, for det er velsigning i dei.» Slik skal eg gjera for mine tenarar skuld, eg skal ikkje øydeleggja alt.

<sup>9</sup> Eg lèt ei ætt gå ut frå Jakob, frå Juda ein som skal arva mine fjell. Mine utvalde skal ta landet i eige, og tenarane mine skal bu der.

<sup>10</sup> Då skal Saron bli ein stad der småfe beiter og Akor-dalen ein stad der storfe kviler, for mitt folk som søkjer meg.

<sup>11</sup> Men de som har forlate Herren og gløymt mitt heilage fjell, som dekkjer bord for Gad og skjenkjer krydra vin for Meni,

<sup>12</sup> dykk gjev eg over til sverdet, alle skal de bøya kne for å bli slakta. For eg ropar, men de svara ikkje, eg talar, men de høyrde ikkje. De gjorde det som var vondt i mine auge, og valde det eg ikkje ville.

<sup>13</sup> Difor seier Herren Gud: Sjå, mine tenarar skal eta, men de skal svelta. Sjå, mine tenarar skal drikka, men de skal tørsta. Sjå, mine tenarar skal gleda seg, men de skal skamma dykk.

<sup>14</sup> Sjå, mine tenarar skal jubla av hjartans lyst, men de skal skrika av hjartesor og klaga av ei sundbroten ånd.

<sup>15</sup> Det namnet de lèt etter dykk, skal mine utvalde bruka som forbanning: «Måtte Herren Gud la deg døy!» Men tenarane sine skal han kalla med eit anna namn.

<sup>16</sup> Den som velsignar seg i landet, skal velsigna seg ved den trufaste Gud, og den som sver i landet, skal sverja ved den trufaste Gud. For no er dei første trengslene gløymde, ja, dei er løynde for auga mine.

### **Det nye Jerusalem**

<sup>17</sup> Sjå, eg skaper ein ny himmel og ei ny jord. Ingen skal minnst dei første ting, ingen skal tenkja på dei.

<sup>18</sup> Gled og fryd dykk til evig tid over det som eg skaper! For sjå, eg skaper Jerusalem om til fryd og folket der til glede.

<sup>19</sup> Eg vil fryda meg over Jerusalem og gleda meg over mitt folk. Aldri meir skal det høyrast gråt eller klageskrik i byen.

<sup>20</sup> Der skal det ikkje lenger finnast spedborn som berre blir nokre dagar gamle, eller gamle som ikkje når sine dagars fulle mål. Ung er den som døyr hundre år gammal, den som ikkje blir hundre, må vera forbanna.

<sup>21</sup> Dei skal byggja hus og sjølve bu i dei, planta vinmarker og sjølve eta frukta.

<sup>22</sup> Dei skal ikkje byggja så andre får bu og ikkje planta så andre får eta. Så gamle som trea skal folket mitt bli, mine utvalde skal sjølv få slita ut det dei har laga med eigne hender.

<sup>23</sup> Dei skal ikkje streva til inga nytte og ikkje føda til brå død. For dei er ei ætt velsigna av Herren, dei skal ha etterkomarar hos seg.

<sup>24</sup> Før dei ropar, skal eg svara, medan dei enno talar, vil eg høyra.

<sup>25</sup> Ulven og lammet skal beita saman, og løva skal eta halm som oxen, men slangen skal ha støv til mat. Det finst ikkje vondskap eller øydelegging på heile mitt heilage fjell, seier Herren.

## Jesaja 66

### Dom over falsk gudstyrking

<sup>1</sup> Så seier Herren: Himmelen er mi trone, og jorda er min fotskammel. Kva slag hus kan de byggja for meg, kvar er staden der eg kan kvila?

<sup>2</sup> Mi hand har laga alt dette, slik har alt dette vorte til, seier Herren. Det er den hjelpelause eg ser til, den som har ein motlaus ande og skjelv for mitt ord.

<sup>3</sup> Den som slaktar ein okse, slår eit menneske i hel; den som ofrar eit lam, knekkjer nakken på ein hund; den som ber fram grødeoffer, ofrar svineblod;



den som brenner røykjelse, velsignar det vonde. Dei som gjer dette, har valt sine eigne vegar, dei har si glede i det som er motbydeleg.

<sup>4</sup>Så vel òg eg å plaga dei, eg fører over dei det dei er redde for. For eg ropa, men ingen svara, eg tala, men ingen hørde. Dei gjorde det som vondt var i mine auge, og valde det eg ikkje ville.

### **Frelse og dom**

<sup>5</sup>Høyr Herrens ord, de som skjelv for hans ord! Brørne dykkar som hatar dykk og støyter dykk bort for mitt namn skuld, dei seier: «Lat Herren visa sin herlegdom, så vi kan sjå gleda dykkar!» Men dei skal bli til skamme.

<sup>6</sup>Høyr larmen frå byen, røysta frå tempelet, Herrens røyst! Han gjengjelder fiendane sine for det dei har gjort.

<sup>7</sup>Før ho får rier, har ho fødd, før smertene kjem, har ho fått ein gut.

<sup>8</sup>Kven har høyrte noko som dette? Kven har sett nokon som desse? Kan eit land bli fødd på éin dag, kan eit folkeslag koma til verda på ein augneblink? Men Sion fødte sine born med det same ho fekk rier.

<sup>9</sup>Skulle eg opna morslivet utan å setja fødselen i gang? seier Herren. Eller setja fødselen i gang og så stansa han? seier din Gud.

<sup>10</sup>Gled dykk over Jerusalem, og fryd dykk over henne, alle de som elsker henne! Ta del i hennar glede, alle de som sørgjer over henne!

<sup>11</sup>Så skal de suga og bli mette ved hennar trøystande bryst, de skal drikka og nyta hennar herlege brystvorter.

<sup>12</sup>For så seier Herren: Sjå, no leier eg fred til henne som ei elv, folkeslags rikdom som ein fløymande bekk. De skal suga, berast på armen og voggast på fanget.

<sup>13</sup>Som ei mor trøystar barnet sitt, slik vil eg trøysta dykk. I Jerusalem skal de få trøyst.

<sup>14</sup>De skal sjå det, og hjartet skal gleda seg, kroppen skal gro som gras. Herrens tenarar skal kjenna hans hand, men fiendane får kjenna hans vreide.



**15** For sjå, Herren kjem i ein eld, hans vogner som ein kvervelvind. Han slepper sin vreide laus som ein brann og sine trugsmål som logande eld.

**16** For Herren skal halda dom med eld og med sverd mot alle menneske; mange er dei som blir drepne av Herren.

**17** Dei som gjer seg heilage og reine for å gå til hagane etter ein som er der inne, dei som et svinekjøt, motbydelege ting og mus, dei skal gå til grunne, alle saman, seier Herren.

### **Frelese og straff blir fullenda**

**18** Eg veit kva dei gjer og kva dei tenkjer, eg kjem for å samla alle folkeslag og tungemål. Dei skal koma og sjå min herlegdom.

**19** Eg set eit teikn mellom dei og sender nokre av dei som er berga, ut til folkeslaga i Tarsis, Put, Lud, Mesjek med bogen, Tubal og Javan, til dei fjerne kystane som ikkje har høyrte rykte om meg og ikkje har sett min herlegdom. Dei skal fortelja om min herlegdom mellom folkeslaga.

**20** Og dei skal koma med alle brørne dykkar frå alle folkeslag som ei offergåve til Herren, til hest, i vogner og berestolar, på muldyr og kamelar, til mitt heilage fjell i Jerusalem, seier Herren, slik israelittane kjem med offergåver i reine skåler til Herrens hus.

**21** Og av dei tek eg nokre til prestar og levittar, seier Herren.

**22** For slik den nye himmel og den nye jord som eg skaper, alltid skal stå for mitt andlet, seier Herren, slik skal dykkar ætt og namnet dykkar stå seg.

**23** Og det skal skje: frå nymånedag til nymånedag, frå sabbat til sabbat, skal alle menneske koma og tilbe for mitt andlet, seier Herren.

**24** Dei skal gå ut og sjå lika av dei menneska som gjorde opprør mot meg. For dei skal makken ikkje døye og elden ikkje slokna. Dei skal vera ei gru for alle menneske.

## Jeremia

### Jeremia 1

- <sup>1</sup> Ord av Jeremia, son til Hilkia, ein av prestane i Anatot i Benjamin-landet.
- <sup>2</sup> Herrens ord kom til han i dei dagane då Josjia, son til Amon, var konge i Juda, i det trettande styringsåret hans,
- <sup>3</sup> og i dei dagane då Jojakim, son til Josjia, var konge i Juda, heilt til slutten av det ellevte året då Sidkia, son til Josjia, var konge i Juda, då Jerusalem vart ført i eksil i den femte månaden.

#### Herren kallar Jeremia til profet

- <sup>4</sup> Herrens ord kom til meg:
- <sup>5</sup> «Før eg forma deg i mors liv, kjende eg deg, før du vart fødd, helga eg deg, til profet for folkeslaga sette eg deg.»
- <sup>6</sup> Men eg sa: «Å, min Herre og Gud! Sjå, eg kan ikkje tala, eg er for ung!»
- <sup>7</sup> Då sa Herren til meg: «Du skal ikkje seia: Eg er ung! Overalt der eg sender deg, skal du gå, og alt eg byd deg, skal du seia.
- <sup>8</sup> Ver ikkje redd dei, eg er med deg og skal berga deg, seier Herren.»
- <sup>9</sup> Herren rette ut handa og rørte ved munnen min. Så sa Herren til meg: «No legg eg orda mine i din munn.
- <sup>10</sup> Sjå, eg set deg i dag over folk og rike til å rykkja opp og riva ned, til å øydeleggja og knusa, til å byggja og planta.»

#### To syn

- <sup>11</sup> Herrens ord kom til meg: «Kva ser du, Jeremia?» Eg svara: «Eg ser ei grein av eit vaketre.»
- <sup>12</sup> Då sa Herren til meg: «Godt sett! For eg vil vaka over mitt ord og setja det i verk.»
- <sup>13</sup> Herrens ord kom til meg for andre gong: «Kva ser du?» Eg svara: «Eg ser ei kokande gryte, ho hallar hit frå nord.»

**14** Då sa Herren til meg: Frå nord skal ulukka hellast ut over alle som bur i landet.

**15** For no kallar eg på alle kongeslektene i nord, seier Herren. Dei skal koma og reisa kvar si trone ved Jerusalem's portopningar, mot alle murane ikring og mot alle byane i Juda.

**16** Då vil eg seia min dom over dei for all deira vondskap, dei som forlét meg, tende offereld for andre gudar og tilbad verk av eigne hender.

**17** Men du skal spennja beltet om livet, stå fram og seia til dei alt det eg byd deg. Ver ikkje redd dei, elles slår eg deg med redsle for dei.

**18** Sjå, eg gjer deg i dag til ein festningsby, til ei jernstøtte og ein bronsemur mot heile landet, mot kongane i Juda, mot leiarane og prestane og folket i landet.

**19** Dei skal gå til krig mot deg, men ikkje vinna. For eg er med deg, seier Herren. Eg skal berga deg.

## Jeremia 2

### Israels fråfall

**1** Herrens ord kom til meg:

**2** Gå og rop i øyra på Jerusalem: Så seier Herren: Eg hugsar din ungdoms truskar, din kjærleik som brur, då du følgde meg i ørkenen, i eit land der ingen kan så.

**3** Israel var heilagt for Herren, førstegrøda av hans avling. Alle som ville øyda Israel, måtte bøta, ulukke kom over dei, seier Herren.

**4** Høyr Herrens ord, Jakobs hus og alle slekter i Israels hus!

**5** Så seier Herren: Kva gale fann fedrane dykkar hos meg sidan dei gjekk bort frå meg, følgde tomme gudar og sjølve vart tomme?

**6** Dei sa ikkje: «Kvar er Herren som førte oss opp frå Egypt og leidde oss gjennom ørkenen, eit land med stepper og kløfter, eit land med tørke og dødsskugge, eit land der ingen ferdast og ikkje eit menneske bur?»

<sup>7</sup> Eg førte dykk til eit land med frukthagar så de kunne eta frukta og grøda. Men då de kom inn, gjorde de landet mitt ureint og eigedomen min avskyeleg.

<sup>8</sup> Prestane spurde ikkje: «Kvar er Herren?» Dei lovkunnige kjende meg ikkje, gjetarane sette seg opp mot meg, profetane profeterte ved Baal og følgde dei som ikkje kan hjelpa.

<sup>9</sup> Difor skal eg framleis føra sak mot dykk, seier Herren, og føra sak mot barneborna dykkar.

<sup>10</sup> Far over til kittearkystane og sjå, send bod til Kedar og røk vel etter, sjå om noko slikt har hendt!

<sup>11</sup> Har noko folkeslag bytt ut gudane sine, endå dei ikkje er gudar? Men mitt folk har bytt ut si ære med det som ikkje kan hjelpa.

<sup>12</sup> Himmel, bli skremd og skjelv av skrekk over dette, seier Herren.

<sup>13</sup> For to vonde ting har folket mitt gjort: Dei har gått bort frå meg, kjelda med levande vatn, og hogge seg brønnar, sprokne brønnar som ikkje held vatn.

<sup>14</sup> Er Israel ein slave som er fødd i huset? Kvifor har han vorte eit bytte?

<sup>15</sup> Unge løver brølte og knurra mot han. Dei gjorde landet hans til øydemark, byane vart brende så ingen kan bu der.

<sup>16</sup> Ja, menn frå Nof og Tahpanhes har skamklipt skallen din.

<sup>17</sup> Dette har du sjølv ført over deg, for du gjekk bort frå Herren din Gud den tid han førte deg på vegen.

<sup>18</sup> Og no, kvifor tek du vegen til Egypt for å drikka vatn frå Nilen, og kvifor tek du vegen til Assur for å drikka vatn frå Eufrat?

<sup>19</sup> Din eigen vondskap straffar deg, ditt fråfall går i rette med deg. Skjøn og sjå kor vondt og bittert det er at du har forlate Herren din Gud og ikkje fryktar meg, seier Herren, allhærs Gud.

### Opprør og avgudsdyrking

- 20** Frå gammalt av har du brote åket og slite sund lenkjene dine. Du sa: «Eg vil ikkje tena.» På kvar høg haug og under kvart frodig tre la du deg ned og dreiv hor.
- 21** Eg planta deg som den finaste vin, ein ekte stikling. Korleis kunne du bli gjord om til villskot av framand vinstokk?
- 22** Om du vaskar deg med lut og sløser med såpe, er di skuld like skiten for meg, seier Herren Gud.
- 23** Korleis kan du seia: «Eg har ikkje vorte urein, eg har ikkje følgd Baalgudane»? Sjå kvar du gjekk nede i dalen, og skjøn kva du har gjort! Ei rask kamelhoppe som renner hit og dit,
- 24** eit villesel som kjenner ørkenen og snappar etter pusten i brunst. Kven kan halda henne att? Dei som leitar etter henne, slit seg ikkje ut, i paringstida finn dei henne lett.
- 25** Gå ikkje berrføtt, spar strupen din for tørste! Men du seier: «Det nyttar ikkje. Eg elsker dei framande, eg vil gå etter dei.»
- 26** Slik tjuven skjemmest når han blir teken, skal israellittane skjemmast, kongar og leiarar, prestar og profetar.
- 27** Dei seier til treet: «Du er far min» og til steinen: «Du har fødd meg.» Dei snur ryggen til meg og ikkje andletet. Men når ulukka kjem, seier dei: «Reis deg og hjelp oss!»
- 28** Kvar er gudane dine som du laga deg? Dei får reisa seg og hjelpa deg når ulukka kjem! For du har like mange gudar som du har byar, Juda.
- 29** Kvifor ligg de i strid med meg? Alle har de gjort opprør mot meg, seier Herren.
- 30** Til fånyttes slo eg sønene dykkar, dei lét seg ikkje oppdra. Som ei herjande løve åt sverdet dykkar profetane.

<sup>31</sup>De som lever i denne tida, sjå Herrens ord! Har eg vore ein ørken for Israel eller eit mørkt land? Kvifor seier folket mitt: «Vi spring dit vi vil, vi kjem aldri meir til deg»?

<sup>32</sup>Kan ei jomfru gløyma smykket sitt eller ei brur sitt belte? Men folket mitt har gløymt meg gjennom dagar utan tal.

<sup>33</sup>Så flink du er til å finna vegen når du er ute etter elsk! Difor har du òg lært deg å gå på vonde vegar.

<sup>34</sup>På kappeflikane dine er blod frå skuldlause fattigfolk som du ikkje har gripe i innbrot. Likevel

<sup>35</sup>seier du: «Eg er utan skuld, vreiden hans har vendt seg frå meg.» Sjå, no får eg deg dømd, for du seier: «Eg har ikkje synda.»

<sup>36</sup>Så lett du har for å ta ein annan veg! Men også av Egypt blir du gjord til skamme, slik du fekk skam av Assur.

<sup>37</sup>Også herifrå må du gå ut med hendene over hovudet. For Herren har forkasta dei du stolar på, du får inga nytte av dei.

## Jeremia 3

### Landet er vanhelga

<sup>1</sup>Om ein mann sender bort kona si og ho går frå han og til ein annan mann, kan han så gå tilbake til henne? Nei, kvinna ville bli vanhelga. Og så skulle du, som har drive hor med mange grannar, koma tilbake til meg! seier Herren.

<sup>2</sup>Lyft auga mot dei snaue høgdena og sjå! Finst det ein stad der du ikkje lét deg ta? Ved vegane sat du og baud deg fram som ein nomade i ørkenen. Du vanhelga landet med hor og vondskap.

<sup>3</sup>Difor vart regnskurene haldne tilbake, og vårregnet kom ikkje. Du hadde panna til ei hore, og du nekta å skamma deg.

<sup>4</sup>Sanneleg, no ropar du til meg: «Min far, du er min ungdoms ven.

<sup>5</sup> Vil han vera vreed til evig tid, vil han alltid gøyma på sin harme?» Det seier du, men du har handla vondt og det til gagns.

### Dei trulause systrene

<sup>6</sup> Herren sa til meg i kong Josjias dagar: Har du sett kva den fråfalne Israel har gjort? Ho gjekk opp på kvar høg haug og inn under kvart frodig tre og dreiv hor der.

<sup>7</sup> Eg tenkte: «Når ho har drive på med alt dette ei stund, vil ho koma tilbake til meg.» Men ho kom ikkje att. Dette såg Juda, den trulause systera hennar.

<sup>8</sup> Og ho såg at eg sende bort den fråfalne Israel fordi ho braut ekteskapet, og at eg gav henne skilsmissebrev. Den trulause systera Juda vart ikkje redd. Ho òg gjekk bort og dreiv hor.

<sup>9</sup> Med sitt lettsindige horeliv vanhelga ho landet; ho braut ekteskapet med stein og tre.

<sup>10</sup> Og trass i alt dette vende den trulause systera Juda ikkje attende til meg av heile sitt hjarte; ho berre lét som ho gjorde det, seier Herren.

<sup>11</sup> Herren sa til meg: Den fråfalne Israel er meir rettferdig enn den trulause Juda.

<sup>12</sup> Gå og rop ut desse orda mot nord: Vend attende, du fråfalne Israel! seier Herren. Eg er ikkje lenger sint på dykk, for eg er trufast, seier Herren. Eg er ikkje vreed til evig tid.

<sup>13</sup> Berre innsjå di skuld. For du har gjort opprør mot Herren din Gud. Du baud deg fram for framande under kvart frodig tre. Du hørde ikkje på mi røyst, seier Herren.

### Samlinga på Sion

<sup>14</sup> Kom tilbake, de bortkomne søner! seier Herren. For eg er herre over dykk. Eg vil ta dykk, éin frå ein by og to frå ei slekt, og føra dykk til Sion.

<sup>15</sup> Så gjev eg dykk gjetarar som er etter mitt hjarte, og dei skal gjeta dykk med kunnskap og forstand.



**16** I dei dagane, seier Herren, når de blir mange og er fruktbare i landet, skal dei ikkje lenger seia «Herrens paktkiste» og ikkje tenkja på henne. Dei skal ikkje minnst henne eller leita etter henne, og det skal ikkje lagast noka ny.

**17** På den tida skal dei kalla Jerusalem for Herrens trone. Der skal alle folkeslag samla seg, i Herrens namn, i Jerusalem. Dei skal ikkje lenger følgja sitt vonde og sjølvrådige hjarte.

**18** I dei dagane skal Judas hus gå i lag med Israels hus, og saman skal dei koma frå eit land i nord til det landet eg gav fedrane dykkar til eige.

### **Israel sannar si synd**

**19** Eg sa: Eg vil setja deg mellom søner og gje deg eit herleg land, den prektigaste arven mellom folkeslaga. Eg tenkte de ville kalla meg far og ikkje venda dykk bort frå meg.

**20** Men som ei kvinne er trulaus mot venen sin, slik var de trulause mot meg, Israels hus, seier Herren.

**21** Det høyrest rop på dei snaue høgdene, gråt og bønner frå israelittane. For dei har gått krokete vegar, dei har gløymt Herren sin Gud.

**22** Kom tilbake, bortkomne søner, så skal eg lækja dykkar fråfall. «Sjå, vi kjem til deg, for du er Herren vår Gud.

**23** Sanneleg, løgn er det som kjem frå haugane, larmen frå fjella. Sanneleg, hos Herren vår Gud er det frelse for Israel.

**24** Skamma har ete opp det fedrane våre streva for heilt frå vår ungdom, sauer og oksar, søner og døtrer.

**25** Så lat oss liggja i vår skam, lat vanæra dekkja oss! For mot Herren vår Gud har vi synda, både vi og fedrane våre, frå vår ungdom og til denne dag. Vi har vore ulydige mot røysta til Herren vår Gud.»

## **Jeremia 4**

### **Bryt dykk nybrot**

<sup>1</sup>Om du kjem tilbake, Israel, seier Herren, om du kjem tilbake til meg, om du fjernar dei motbydelege gudane dine frå meg og ikkje flakkar ikring,

<sup>2</sup>om du sver «så sant Herren lever» i sanning, rett og rettferd, då skal folkeslaga velsigna seg ved han, ved han skal dei prisa seg lukkelege.

<sup>3</sup>Så seier Herren til judearane og til Jerusalem: Bryt dykk nybrot, ikkje så mellom klunger!

<sup>4</sup>Omskjer dykk for Herren, ta bort forhuda frå hjartet dykkar, de judearar og de som bur i Jerusalem, elles skal harmen min bryta ut som eld og brenna utan at nokon sløkkjer, for det vonde de har gjort.

#### **Ulukka frå nord**

<sup>5</sup>Kunngjer dette i Juda, lat det høyrast i Jerusalem, blås i horn i landet, rop høgt og sei: Samla dykk! Lat oss gå inn i festningsbyane!

<sup>6</sup>Lyft banneret! Til Sion! Berg dykk, bli ikkje ståande! For eg sender ei ulukke frå nord, eit stort samanbrot.

<sup>7</sup>Ei løve stig opp frå krattet. Ein som øydelegg folkeslag, bryt opp og dreg ut frå sin stad for å leggja landet ditt audt. Byane dine skal bli til ruinar der ingen kan bu.

<sup>8</sup>Difor, kled dykk i sekkestrie, sørg og skrik! For Herrens brennande vreide har ikkje vendt seg frå oss.

<sup>9</sup>Den dagen, seier Herren, skal kongen og leiarane mista alt mot. Prestane blir slegne av skrekk, profetane blir mållause av redsle.

<sup>10</sup>Eg sa: Å, min Herre og Gud! Sanneleg, du svikta dette folket og Jerusalem då du sa: «De skal ha fred.» No rører sverdet ved strupen.

<sup>11</sup>På den tida skal det seiast til dette folket og til Jerusalem: Vind som brenn av hete, kjem frå snaue høgder i ørkenen mot folket, mi dotter. Han er ikkje til å kasta og reinsa korn i,

<sup>12</sup>ein sterkare vind kjem til meg. No vil eg òg seia dom over dei.

**13** Sjå, som skyer dreg han fram, som stormen er vognene hans, hestane er raskare enn ørnar. Ve oss, for vi blir øydelagde!

**14** Reins hjartet ditt for vondskap, Jerusalem, så skal du bli frelst. Kor lenge skal du la vonde tankar få bu i ditt indre?

**15** For ei røyst kjem med bod frå Dan, forkynner ulukke frå Efraim-fjella.

**16** Sei frå til folkeslaga: Der er dei! Lat det høyrast over Jerusalem! Fiendar kjem frå fjerne land, ropet deira lyder over byane i Juda.

**17** Som vakter på åkeren kringset dei henne, for ho har sett seg opp mot meg, seier Herren.

**18** Din veg og dine gjerningar har ført dette over deg. Slik er din vondskap, han er bitter, og han råkar deg i hjartet.

#### **Eg såg**

**19** Å, kroppen min, kroppen min! Eg vrid meg i smerte. Veggene i hjartet mitt! Hjartet mitt skrik, eg kan ikkje teia. Eg høyrer lyden av horn og hærrop.

**20** Det blir ropa om samanbrot på samanbrot, heile landet er øydelagt. Brått blir telta mine øydelagde, teltdukane på ein augneblink.

**21** Kor lenge skal eg sjå banneret og høyra lyden av horn?

**22** Ja, folket mitt er dårar, dei kjenner meg ikkje. Dei er tåpelege born utan innsikt. Dei er flinke til å gjera vondt, men kan ikkje gjera godt.

**23** Eg såg jorda, og sjå! – ho var aud og tom, mot himmelen – lyset var borte.

**24** Eg såg fjella, og sjå! – dei skalv, alle haugane riste.

**25** Eg såg, og sjå! – ikkje eit menneske, alle fuglane under himmelen var flogne.

**26** Eg såg, og sjå! – fruktbart land hadde vorte til ørken, alle byar var nedrivne av Herren, av hans brennande vreide.

#### **Herrens plan**

**27** Så seier Herren: Heile landet skal leggjast audt, men eg skal ikkje gjera ende på det.

<sup>28</sup>Jorda sørgjer over dette, og himmelen mørknar over henne. For eg har tala og lagt min plan, eg angrar ikkje og tek han ikkje tilbake.

<sup>29</sup>Heile byen flyktar for ståket av ryttarar og bogeskyttarar. Dei går inn i krattskogen og klatrar opp på knausane. Kvar by er forlaten, det er ingen som bur i dei.

### Ropet frå dotter Sion

<sup>30</sup> Du som er øydelagd, kva vil du gjera? Om du kler deg i skarlak, om du pyntar deg med gullsmykke, om du gjer auga store med sminke, gjer du deg vakker til fånytted. Dei som lengta etter deg, har forkasta deg, no står dei deg etter livet.

<sup>31</sup> Eg høyrer rop som frå ei kvinne med rier, eit skrik som når ho føder for første gong. Det er ropet frå dotter Sion, ho gispar etter luft og strekkjer hendene ut: «Ve meg, eg fell om framfor mordarar!»

## Jeremia 5

### Kvifor skulle eg tilgje deg?

<sup>1</sup> Gå rundt i Jerusalems gater, sjå og forstå, leit på torga hennar og prøv å finna ein, ein einaste, som gjer rett og søkjer truskap, så eg kan tilgje byen.

<sup>2</sup> Dei seier «så sant Herren lever», men sver likevel falskt.

<sup>3</sup> Herre, auga dine ser etter truskap. Du slo dei, men dei kjende ikkje smerte, du gjorde ende på dei, men dei nekta å ta lærdom av det. Dei gjorde andleta hardare enn stein og nekta å venda om.

<sup>4</sup> Eg tenkte: Dei er berre små og tåpelege, for dei kjenner ikkje Herrens veg, sin Guds rett.

<sup>5</sup> Eg vil gå til dei store og tala med dei, for dei kjenner Herrens veg, sin Guds rett. Men dei har alle brote åket og slite lenkjene sund.

<sup>6</sup> Difor skal løva frå skogen slå dei ned, ulven frå øydemarka skal herja, ved byane ligg leoparden på lur, alle som går ut, blir rivne i hel. For brota deira er mange, gong på gong har dei falle frå.

<sup>7</sup> Kvifor skulle eg tilgje deg dette? Sønene dine har forlate meg og svore ved gudar som ikkje er gudar. Eg metta dei, men dei braut ekteskapet, i horehuset rispa dei seg opp.

<sup>8</sup> Dei er brunstige, velfødde hestar, kvar mann vrinskar etter kona til grannen.

<sup>9</sup> Skulle eg ikkje straffa dei for dette, seier Herren, skulle eg ikkje hemna meg på eit folkeslag som dette?

<sup>10</sup> Gå opp på terrassane i vinmarka og øydelegg dei, men ikkje heilt! Ta bort vinrankene, for dei høyrer ikkje Herren til.

<sup>11</sup> For dei har vore trulause mot meg, både Israels og Judas hus, seier Herren.

<sup>12</sup> Dei fornektar Herren og seier: «Han finst ikkje, ulukka kjem ikkje over oss, sverd og svolt skal vi ikkje sjå.

<sup>13</sup> Profetane skal bli til vind. Dei har ikkje ordet i seg. Slik skal det gå med dei.»

<sup>14</sup> Difor seier Herren, allhærs Gud: Sjå, fordi de talar slike ord, gjer eg mine ord i din munn til ein eld og dette folket til ved som elden skal øyda.

#### **Fienden et opp alt**

<sup>15</sup> Sjå, Israels hus, eg sender mot dykk eit folkeslag frå det fjerne, seier Herren. Det er eit mektig folkeslag, eit folk frå gammal tid. Du kjenner ikkje språket deira og skjønar ikkje kva dei seier.

<sup>16</sup> Pilkoggera deira er som ei open grav, krigarar er dei alle.

<sup>17</sup> Dei et kornet og brødet ditt, dei et sønene og døtrene dine, dei et småfeet og storfeet ditt, dei et vinstokkane og fikentrea dine. Festningsbyane dine, som du lit på, skal dei utsletta med sverd.

<sup>18</sup> Men jamvel i dei dagane, seier Herren, vil eg ikkje øydeleggja dykk heilt.

<sup>19</sup> Når de spør: «Kvifor har Herren vår Gud gjort alt dette mot oss?» – då skal du svara: «Slik de forlét meg og tente framande gudar i dykkar eige land, skal de no tena framande i eit land som ikkje er dykkar.»

#### **Fryktar de meg ikkje?**

- 20** Kunngjer dette i Jakobs hus, og lat det høyrast i Juda:
- 21** Høyr dette, du tåpelege og uvituge folk som har auge, men ikkje ser, og øyre, men ikkje høyrer.
- 22** Fryktar de meg ikkje, seier Herren, skjelv de ikkje for mitt andlet? Eg la sand til grense for havet, ei evig grense som det ikkje kjem over. Bølgjene slår, men klarer det ikkje, dei bryt, men slår ikkje over.
- 23** Men dette folket har eit trassig og opprørsk hjarte, dei har vike av og gått bort.
- 24** Dei seier ikkje i hjartet sitt: «Lat oss frykta Herren vår Gud, han som gjev regn i rett tid, både haustregn og vårregn, og passar på vekene som er fastsette for oss til innhausting.»
- 25** Men dette er kome i ulage på grunn av skulda dykkar, syndene held det gode borte frå dykk.
- 26** For det finst urettferdige i folket mitt. Dei ligg på lur som fuglefangarar i dekning, set feller og fangar menneske.
- 27** Som ei korg full av fuglar, slik er husa deira. Dei er fulle av svik. Difor har dei vorte store og rike,
- 28** tjukke og feite. Det fløymer over av vonde ord: Dei dømmer ikkje rett så farlause kan vinna fram med si sak, og dei hjelper ikkje fattige til deira rett.
- 29** Skulle eg ikkje straffa dei for dette, seier Herren, skulle eg ikkje hemna meg på eit folkeslag som dette?
- 30** Forferdelege og gruelege ting skjer i landet.
- 31** Profetane spår løgn, prestane styrer etter deira råd, og folket mitt vil ha det slik. Men kva vil de gjera når dette tek slutt?

## Jeremia 6

### Ei ulukke trugar

- <sup>1</sup> Berg dykk, benjaminittar, bort frå Jerusalem! Blås i horn i Tekoa, tenn varden på Bet-Hakkerem! For ei ulukke trugar frå nord, eit stort samanbrot.
- <sup>2</sup> Den vakre og bortskjemde dotter Sion gjer eg ende på.
- <sup>3</sup> Mot henne skal gjetarar koma med saueflokkane sine. Dei slår opp telt ikring henne, og kvar beiter sitt stykke snautt.
- <sup>4</sup> Lys heilag krig mot henne! Kom, lat oss gå til åtak midt på dagen! Ve oss, det lid mot kveld, og skuggane blir lange.
- <sup>5</sup> Kom, lat oss gå til åtak i natt og øydeleggja borgene hennar!
- <sup>6</sup> Så seier Herren over hærskarane: Fell tre og kast opp ein voll mot Jerusalem! Ho er byen som skal krevjast til rekneskap, ho er full av undertrykking.
- <sup>7</sup> Som ei kjelde held vatnet kaldt, slik held byen vondskapen kald. Der høyrer ein om vald og ran, alltid ser eg sjukdom og sår.
- <sup>8</sup> Lat deg refsa, Jerusalem, elles bryt eg med deg og gjer deg til ein aud stad, eit land der ingen kan bu.

### Uomskorne øyre

- <sup>9</sup> Så seier Herren over hærskarane: Hald etterhaust på Israels rest som de gjer med vinstokken! Gå endå ein gong over rankene med handa lik ein som plukkar druer!
- <sup>10</sup> «Kven skal eg tala til og åtvare slik at dei høyrer? Sjå, dei har uomskorne øyre og kan ikkje høyra etter. Sjå, Herrens ord er spott for dei, og dei bryr seg ikkje om det.
- <sup>11</sup> Men eg er full av Herrens harme, eg er trøytta av å halda han att.» Så aus han ut over borna på gata og over flokken av unge menn som samlar seg! Både mann og kvinne skal fangast, gamle menn og oldingar.
- <sup>12</sup> Andre skal overta husa deira, markene og kvinnene òg. For no lyfter eg handa mot dei som bur i landet, seier Herren.

**13** For alle saman, små og store, skaffar seg urett vinning. Profet og prest, alle fer med svik.

**14** Lettvint lækjer dei brotet i folket mitt, dei seier: «Fred, fred!» Men det er ikkje fred.

**15** Dei skal bli til skamme, for dei har gjort avskyelege ting. Likevel skjemmest dei ikkje, veit ikkje kva vanære er. Difor skal dei falla mellom dei som er falne. Den timen eg krev rekneskap, skal dei snubla, seier Herren.

### **Spør etter dei gamle stigane**

**16** Så seier Herren: Still dykk på vegane og sjå! Spør etter dei gamle stigane, etter vegen til det gode! Gå på den, så skal de finna kvile for dykkar liv. Men dei svara: «Vi vil ikkje gå der.»

**17** Eg sette vaktmenn over dykk. Lytt når hornet gjallar! Men dei svara: «Vi vil ikkje lytta.»

**18** Difor, høyr, de folkeslag, og forstå, de som er samla, kva som skjer med dei.

**19** Høyr, du jord! Sjå, eg fører ulukke over dette folket, frukta av deira eigne planar. For dei lytta ikkje til mine ord, og dei forakta mi lov.

**20** Kva skal eg med røykjelse frå Saba og det beste krydder frå fjerne land? Brennoffer dykkar tek eg ikkje imot, slaktoffer glleder meg ikkje.

**21** Difor seier Herren: Sjå, eg legg snublesteinar for dette folket. Både fedrar og søner skal snubla i dei, granne og neste skal gå under.

### **Fienden frå nord**

**22** Så seier Herren: Sjå, det kjem eit folk frå landet i nord, eit stort folkeslag bryt opp frå ytste enden av jorda.

**23** Dei har boge og sabel i handa, dei er grufulle og viser ingen nåde. Larmen drønnar som havet, på hestar kjem dei ridande, rusta til krig mot deg, dotter Sion.

**24** Då vi høyrde ryktet, vart hendene våre slappe, trengsle greip oss, rier som hos ei fødande kvinne.



<sup>25</sup> Gå ikkje ut på marka, ferdast ikkje på vegen, for fienden har sverd, redsle rår på alle kantar.

<sup>26</sup> Mitt folk, mi dotter, bind sekkestrie om deg og velt deg i oske! Hald sørgjehøgtid over einaste sonen din, ei bitter klage. For brått kjem øydeleggjaren over oss.

### Profeten skal prøva folket

<sup>27</sup> Eg har sett deg til å prøva folket mitt slik ein prøver gull, du skal kjenna og prøva deira vegar.

<sup>28</sup> Alle er trassige opprørarar, dei fer med sladder, dei er bronse og jern, øydeleggjarar er dei alle.

<sup>29</sup> Blåsebelgen er svidd av elden, blyet er fjerna. Men det nyttar ikkje å smelta, dei vonde blir ikkje utskilde.

<sup>30</sup> Forkasta sølv skal dei kallast, for Herren har forkasta dei.

## Jeremia 7

### Jeremia talar i tempelet

<sup>1</sup> Dette ordet kom til Jeremia frå Herren:

<sup>2</sup> Still deg i porten til Herrens hus. Der skal du ropa ut dette ordet og seia: Høyr Herrens ord, heile Juda, de som går inn gjennom desse portane for å tilbe Herren.

<sup>3</sup> Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Gjer vegane og gjerningane dykkar gode, så vil eg la dykk bu på denne staden.

<sup>4</sup> Stol ikkje på dei falske orda: «Herrens tempel, Herrens tempel, Herrens tempel!»

<sup>5</sup> Men om de verkeleg gjer vegane og gjerningane dykkar gode, om de gjer rett mot kvarandre,

<sup>6</sup> ikkje undertrykkjer innflyttarar, farlause og enkjer, ikkje auser ut skuldlaust blod på denne staden og ikkje følgjer andre gudar til skade for dykk sjølve,

<sup>7</sup>då vil eg la dykk bu på denne staden, i det landet eg gav fedrane dykkar, frå evig tid og til evig tid.

<sup>8</sup>Sjå, de stolar på falske ord som ikkje kan hjelpa.

<sup>9</sup>De stel, slår i hel, bryt ekteskapet, sver falskt, tenner offereld for Baal og følgjer andre gudar som de ikkje kjenner.

<sup>10</sup>Og så vil de koma og stå for mitt andlet i dette huset som namnet mitt er ropa ut over, og seia: «Vi er berga», sjølv om de gjer alt dette avskyelege?

<sup>11</sup>Har det vorte ei røvarhøle i dykkar auge, dette huset som namnet mitt er ropa ut over? Også eg kan sjå, seier Herren.

<sup>12</sup>Gå til staden min som er i Sjilo, der eg lét namnet mitt bu i den første tida, og sjå kva eg gjorde med han på grunn av vondskapen hos folket mitt, Israel.

<sup>13</sup>Og no har de gjort alle desse gjerningane, seier Herren. De ville ikkje høyra når eg tala til dykk seint og tidleg, og de svara ikkje når eg ropa på dykk.

<sup>14</sup>Difor vil eg gjera slik eg gjorde med Sjilo, mot det huset som namnet mitt er ropa ut over, og som de stolar på, den staden eg gav dykk og fedrane dykkar.

<sup>15</sup>Og eg vil kasta dykk bort frå mitt andlet slik eg kasta frå meg alle brørne dykkar, heile Efraims ætt.

### **Falsk og ekte gudsydyking**

<sup>16</sup>Du skal ikkje be for dette folket, ikkje bera fram klage eller bøn for det og ikkje prøva å overtala meg, for eg vil ikkje høyra på deg.

<sup>17</sup>Ser du ikkje kva dei driv på med i Judas byar og på Jerusalem's gater?

<sup>18</sup>Borna sankar ved, fedrane gjer opp eld, kvinnene knar deig for å baka offerkaker til Himmeldronninga, og dei auser ut drikkoffer til andre gudar. Slik krenkjer dei meg.

<sup>19</sup>Men er det meg dei krenkjer, seier Herren, er det ikkje seg sjølv, er det ikkje deira eige andlet som får skamma over seg?

<sup>20</sup>Difor seier Herren Gud: Sjå, min vreide og harme skal ausast ut over denne staden, over folk og fe, over trea på marka og frukta av jorda. Han skal brenna og ikkje slokna.

<sup>21</sup>Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Legg brennoffer til slaktoffer dykkar og et kjøtt!

<sup>22</sup>For eg sa ikkje noko om brennoffer og slaktoffer til fedrane dykkar, eg gav dei ikkje noko påbod om det då eg førte dei ut frå Egypt.

<sup>23</sup>Men dette bodet gav eg dei: «Høyr på mi røyst, så skal eg vera dykkar Gud, og de skal vera mitt folk. Gå alltid på den vegen eg byd dykk, så skal det gå dykk vel.»

<sup>24</sup>Men dei ville ikkje høyra og vende ikkje øyret til. Dei følgde sine egne planar, sitt vonde og sjølvrådige hjarte. Dei gjekk bakover, ikkje framover.

<sup>25</sup>Frå den tid då fedrane dykkar drog ut frå Egypt og heilt til denne dag har eg sendt alle mine tenarar profetane til dei, seint og tidleg.

<sup>26</sup>Men dei ville ikkje høyra på meg og vende ikkje øyret til. Dei gjorde nakken stiv og var verre enn fedrane sine.

<sup>27</sup>Når du seier alle desse orda til dei, kjem dei ikkje til å høyra på deg. Når du ropar til dei, kjem dei ikkje til å svara.

<sup>28</sup>Då skal du seia til dei: «Dette er folkeslaget som ikkje ville lytta til Herren sin Guds røyst og ikkje ta lærdom. Det er slutt på truskapen, han er borte frå deira munn.»

<sup>29</sup>Klipp håret av deg og kast det bort! Stem i ei likklage på dei snaue høgdenene! Herren har forkasta og vraka den slekta han er harm på.

<sup>30</sup>For judearane har gjort det som er vondt i mine auge, seier Herren. Dei har sett det motbydelege inn i det huset som namnet mitt er ropa ut over, og gjort det ureint.

<sup>31</sup> Dei har bygd Tofet-haugane i Ben-Hinnom-dalen, der dei brenner sønene og døtrene sine i elden. Det har eg ikkje pålagt dei, det har aldri vore i mine tankar.

<sup>32</sup>Difor, sjå, dagar skal koma, seier Herren, då det ikkje lenger skal heita Tofet eller Ben-Hinnom-dalen, men Drapsdalen. Og i Tofet skal dei gravleggja folk, fordi det ikkje finst gravplass andre stader.

<sup>33</sup> Lika av dette folket skal bli til føde for fuglane under himmelen og for dyra på jorda, og ingen skal skremma dei bort.

<sup>34</sup> Eg gjer ende på lyden av jubel og glede og røysta til brudgom og brur i Judas byar og på Jerusalem's gater. For landet skal leggjast i ruinar.

## Jeremia 8

<sup>1</sup>På den tid, seier Herren, skal dei ta knoklane av Juda-kongane, knoklane av leiarane, knoklane av prestane, knoklane av profetane og knoklane av innbyggjarane i Jerusalem ut or gravene

<sup>2</sup> og spreia dei ut for sola og månen og heile himmelens hær, som dei elska, som dei dyrka, som dei følgde, som dei spurde til råds, og som dei tilbad. Dei skal ikkje bli samla og gravlagde, dei skal bli til gjødsel på jorda.

<sup>3</sup> Men dei vel døden framfor livet, heile den resten som er att av denne vonde slekta på alle dei stadene eg har drive dei bort til, seier Herren over hærskarane.

### Fråfall og dom

<sup>4</sup>Du skal seia til dei: Så seier Herren: Kven er det som fell og ikkje reiser seg att? Eller går bort og ikkje kjem att?

<sup>5</sup> Kvifor har dette folket vendt seg bort? Kvifor vender Jerusalem seg alltid bort? Dei held fast ved sitt svik og nektar å venda om.

<sup>6</sup>Eg har lytta og høyrte etter. Det er ikkje sant, det dei seier. Ingen angrar sin vondskap og seier: «Kva har eg gjort!» Alle spring bort slik ein hest stormar fram i strid.

<sup>7</sup> Jamvel storken under himmelen kjenner sine faste tider, og turteldua, svala og trasta passar tida då dei skal koma. Men folket mitt kjenner ikkje Herrens lov.

<sup>8</sup> Korleis kan de seia: «Vi er vise, vi har Herrens lov hos oss»? Sjå, den falske pennen til skrivaren har forfalska henne.

<sup>9</sup> Dei vise blir til skamme, dei blir slegne av redsle og fanga. Dei har jo forkasta Herrens ord. Kva er då deira visdom?

<sup>10</sup> Difor gjev eg konene deira til andre og markene deira til nye eigarar. For alle saman, små og store, skaffar seg urett vinning. Profet og prest, alle fer med svik.

<sup>11</sup> Lettvint lækjer dei brotet hos folket, mi dotter. Dei seier: «Fred, fred!» men det er ikkje fred.

<sup>12</sup> Dei skal bli til skamme, for dei har gjort avskyelege ting. Likevel skjemmest dei ikkje, veit ikkje kva vanære er. Difor skal dei falla mellom dei som er falne. Den timen eg krev rekneskap, skal dei snubla, seier Herren.

<sup>13</sup> No vil eg samla dei inn, seier Herren. Det finst ikkje druer på vinranka og ikkje fiken på fikentreet, lauvet er visna. Det eg har gjeve dei, er borte.

#### **Fienden kjem**

<sup>14</sup> Kvifor blir vi sitjande? Samla dykk! Lat oss gå inn i festningsbyane og gå til grunne der! For Herren vår Gud lèt oss gå til grunne, han gjev oss giftig vatn å drikka, for vi har synda mot Herren.

<sup>15</sup> Vi vona på fred, men det finst ikkje noko godt, på ei tid for lækjedom, men sjå, det er redsle.

<sup>16</sup> Frå Dan høyrest frøsende hestar. Når hingstane vrinskar, skjelv heile landet. Dei kjem, dei et opp landet og alt som fyller det, byen og dei som bur der.

<sup>17</sup> Sjå, eg sender slangar mot dykk, giftige ormar som ingen kan mana bort. Dei skal bita dykk, seier Herren.

#### **Profeten lid med folket sitt**

<sup>18</sup>Ulækjeleg sorg kjem over meg, hjartet mitt er sjukt.

<sup>19</sup>Høyr skriket til folket, mi dotter, frå eit land langt borte! Er ikkje Herren på Sion? Er ikkje kongen hennar der? Kvifor har dei krenkt meg med gudebileta sine, med framande og tomme gudar?

<sup>20</sup>Innhaustinga er over, sommaren er slutt, men vi har ikkje vorte berga.

<sup>21</sup>Eg er nedbroten, for folket, mi dotter, har brote saman, det svartnar for meg, gru har gripe meg.

<sup>22</sup>Finst det ikkje balsam i Gilead? Er det ingen lege der? Kvifor blir ikkje folket, mi dotter, lækt?

## Jeremia 9

<sup>1</sup>Å, om hovudet mitt var vatn og auget mitt ei tårekjelde! Då ville eg gråta dag og natt over dei falne i folket, mi dotter.

<sup>2</sup>Å, om eg fann ein stad i ørkenen der ferdafolk kunne overnatta! Då ville eg forlata folket mitt og gå bort frå dei. For dei er alle ekteskapsbrytarar, ein flokk av trulause.

<sup>3</sup>Dei spenner løgnbogen med tunga som pil. Det er ikkje ved sanning dei herskar i landet. Dei går frå vondskap til vondskap, og dei kjenner ikkje meg, seier Herren.

<sup>4</sup>Akta dykk for kvarandre, stol ikkje eingong på ein bror! Kvar bror fer med list, kvar ven går med sladder.

<sup>5</sup>Dei lurar kvarandre og snakkar ikkje sant. Dei har lært opp tunga til å lyga, dei er utmatta av vondskap.

<sup>6</sup>Mellom svikarar bur du, svikarar som ikkje vil kjennast ved meg, seier Herren.

<sup>7</sup>Difor seier Herren over hærskarane: Sjå, eg vil smelta dei og prøva dei. Kva kan eg elles gjera for folket, mi dotter?

<sup>8</sup>Tunga deira er ei drepende pil, ho talar svik. Med munnen talar dei til nesten sin om fred, men i sitt indre planlegg dei bakhald.

<sup>9</sup> Skulle eg ikkje straffa dei for dette, seier Herren, skulle eg ikkje hemna meg på eit folkeslag som dette?

### **Kvifor er landet lagt i grus?**

<sup>10</sup> Eg set i med gråt og klagesong over fjella, likklage over beita i ørkenen. For dei er avsvidde, ingen ferdast der, det høyrest ingen rautande buskap. Både fuglane under himmelen og dyra på marka har rømt og er borte.

<sup>11</sup> Eg gjer Jerusalem til ei steinrøys, ein stad der sjakalar held til. Byane i Juda gjer eg til aude stader der ingen kan bu.

<sup>12</sup> Kven er så vis at han skjønar dette og kan kunnigjera det Herrens munn har tala til han? Kvifor er landet lagt i grus, avsvidd som ein ørken der ingen kan ferdast?

<sup>13</sup> Herren svara: Fordi dei sveik mi lov, som eg la fram for dei. Dei hørde ikkje på mi røyst og følgde ikkje mi lov,

<sup>14</sup> men dei følgde sitt sjølvrådige hjarte og Baal-gudane, slik fedrane deira hadde lært dei.

<sup>15</sup> Difor seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Sjå, eg gjev dette folket malurt å eta og giftig vatn å drikka.

<sup>16</sup> Eg spreier dei mellom folkeslag som korkje dei eller fedrane deira kjende. Eg sender sverdet etter dei heilt til eg har gjort ende på dei.

### **Klagerop frå Sion**

<sup>17</sup> Så seier Herren over hærskarane: Ver forstandige! Tilkall gråtekonene, send bod på dei kunnige kvinnene!

<sup>18</sup> Dei må skunda seg og koma, dei skal syngja klagesong over oss til tårer fell frå auga våre og vatn dryp frå augneloka våre.

<sup>19</sup> Høyr, det lyder klagesong frå Sion: «Å, vi er øydelagde! Vår skam er stor. No må vi bort frå landet, for dei har rive heimane våre.»

<sup>20</sup> Ja, kvinner, høyr Herrens ord, øyre, ta imot ordet frå hans munn! Lær døtrene dykkar ein klagesong og lær kvarandre ei likklage:



**21** «Døden kom inn gjennom vindauga våre og gjekk inn i borgene våre for å utrydda småborn i gata, unge menn på torga.»

**22** Tal! Slik er ordet frå Herren: Lik av menneske skal falla som gjødsel på marka, som kornband etter haustfolket, og det er ingen til å samla dei opp.

#### **Å vera stolt**

**23** Så seier Herren: Den vise skal ikkje vera stolt av visdomen sin, den sterke skal ikkje vera stolt av styrken sin, den rike skal ikkje vera stolt av rikdomen sin.

**24** Men den som vil vera stolt av noko, skal vera stolt av dette: at han har forstand og kjenner meg. For eg er Herren som viser miskunn, rett og rettferd på jorda. Ja, slik vil eg ha det, seier Herren.

#### **Uomskorne hjarte**

**25** Sjå, dagar skal koma, seier Herren, då eg vil straffa alle som er uomskorne på kroppen:

**26** Egypt, Juda, Edom, ammonittane, Moab og alle som bur i ørkenen og har kortklipt hår ved tinningen. For alle folkeslaga er uomskorne, og heile Israels hus har uomskorne hjarte.

### **Jeremia 10**

#### **Herren og avgudane**

**1** Høyr ordet som Herren talar til dykk, Israels hus.

**2** Så seier Herren: De skal ikkje læra dykk å gå dei vegane folkeslaga går, og ikkje frykta teikna på himmelen sjølv om folkeslaga fryktar dei.

**3** For skikkane til folka er tomme. Dei hogg eit tre i skogen, ein handverkar lagar det til med øks,

**4** dei pryder det med sølv og gull, dei fester det med naglar og hammar så det står støtt.



<sup>5</sup> Dei er som fugleskremsla på ei agurkmark, ikkje kan dei snakka, og dei må berast, for dei kan ikkje gå. Ver ikkje redde dei! Dei gjer ikkje nokon skade, men dei kan heller ikkje gjera noko godt.

<sup>6</sup> Ingen er som du, Herre. Du er stor, namnet ditt er stort og mektig.

<sup>7</sup> Kven må ikkje frykta deg, du konge over folkeslaga? Det er din rett. For mellom alle vismenn hos folkeslaga og i alle rike er ingen som du.

<sup>8</sup> Alle som ein er tåpelege og dumme, opplærte av tomme gudar, ein trestokk.

<sup>9</sup> Det hamra sølvet er innført frå Tarsis og gullet frå Ufas. Det er verk av treskjerar og gullsmed, kledd i blått og raudt purpur, kunstverk alt saman.

<sup>10</sup> Men Herren er den sanne Gud, den levande Gud, den evige kongen. Jorda skjelv for hans harme, folkeslaga kan ikkje halda ut hans vreide.

<sup>11</sup> Dette skal de seia til dei: «Dei gudane som ikkje skapte himmel og jord, skal utryddast frå jorda og under himmelen.»

<sup>12</sup> Han laga jorda med si kraft, han grunnla verda i sin visdom og spente ut himmelen ved si innsikt.

<sup>13</sup> Når hans røyst høyrest, brusar vatnet i himmelen, han lèt skyer stiga opp frå enden av jorda, han lagar både lyn og regn, han lèt vinden sleppa ut frå sine forrådsammer.

<sup>14</sup> Alle menneske er dumme og uforstandige. Kvar gullsmed må skjemmast av gudebiletet sitt, for det støypte biletet hans er løgn. Det er ikkje ånd i dei.

<sup>15</sup> Tomme er dei, eit verk til spott. Når straffa kjem, går dei til grunne.

<sup>16</sup> Han som er Jakobs del, er ikkje som desse, for det er han som formar alt. Israel er hans eigen stamme. Herren over hærskarane er hans namn.

### **Teltet mitt er øydelagt**

<sup>17</sup> Ta bylten din opp frå bakken, du kvinne som bur i ein kringsett by!

<sup>18</sup> For så seier Herren: Sjå, denne gongen slengjer eg bort dei som bur i landet. Eg gjev dei trengsle for at dei skal finna meg.

<sup>19</sup> Ve meg, for eit brot! Eg har eit sjukt sår. Eg tenkte: Dette er berre ei liding som eg må bera.

<sup>20</sup> Teltet mitt er øydelagt, alle snorer avrivne. Borna mine har forlate meg, dei er borte. Det er ikkje lenger nokon som set opp teltet mitt og spenner ut teltdukane.

<sup>21</sup> For gjetarane er dumme, dei søker ikkje Herren. Difor lukkast dei ikkje, heile flokken deira blir spreidd.

<sup>22</sup> Dårleg nytt: No kjem det, eit kraftig jordskjelv frå landet i nord. Det gjer byane i Juda til ørken, ein stad der sjakalar held til.

### **Profetens bøn**

<sup>23</sup> Eg veit, Herre, at mennesket ikkje sjølv rår for sin veg, og at ferdamannen ikkje sjølv kan styra sine steg.

<sup>24</sup> Oppdra meg, Herre, men gjer det rett, ikkje i vreide, så du gjer meg liten.

<sup>25</sup> Aus ut din harme over folkeslag som ikkje kjenner deg, over slekter som ikkje kallar på ditt namn. For dei har ete opp Jakob, ete han opp og gjort ende på han og lagt bustaden i øyde.

## **Jeremia 11**

### **Israel har brote pakta**

<sup>1</sup>Dette ordet kom til Jeremia frå Herren:

<sup>2</sup>Høyr orda i denne pakta! Du skal tala om dei til mennene i Juda og til dei som bur i Jerusalem,

<sup>3</sup>og seia: Så seier Herren, Israels Gud: Forbanna er den som ikkje lyder orda i denne pakta

<sup>4</sup>som eg baud fedrane dykkar å halda den dagen eg førte dei ut frå Egypt, ut or smelteomnen. Då sa eg: Høyr på meg og gjer alt det eg byd dykk! Så skal de vera mitt folk, og eg skal vera dykkar Gud.

<sup>5</sup>Og eg vil halda eiden eg svor for fedrane dykkar, å gje dei eit land som fløymer med mjølk og honning, slik det er i dag. Då svara eg: «Amen, Herre!»

<sup>6</sup>Herren sa til meg: Rop ut alle desse orda over byane i Juda og på gatene i Jerusalem: Høyr orda i denne pakta og lev etter dei!

<sup>7</sup>Eg åtvvara fedrane dykkar den dagen eg førte dei ut frå Egypt, og til denne dag har eg åtvvara dei seint og tidleg: «Høyr på meg!»

<sup>8</sup>Men dei ville ikkje høyra og vende ikkje øyret til. Alle følgde sitt vonde og eigenrådige hjarte. Då lét eg alle orda i denne pakta koma over dei, den pakta eg hadde bode dei å halda, men som dei ikkje heldt.

<sup>9</sup>Herren sa til meg: Det er ei samansverjing mellom mennene i Juda og hos dei som bur i Jerusalem.

<sup>10</sup>Dei har vendt attende til syndene til dei første fedrane sine som nekta å lyda orda mine. Dei følgde andre gudar og tente dei. Israels og Judas hus har brote den pakta eg gjorde med fedrane deira.

<sup>11</sup>Difor seier Herren: Sjå, eg fører over dei ei ulukke som dei ikkje kan sleppa frå. Når dei ropar til meg, vil eg ikkje høyra på dei.

<sup>12</sup>Då skal byane i Juda og dei som bur i Jerusalem, gå og ropa til gudane dei tenner offereld for. Men dei kan ikkje frelsa dei når ulukka kjem.

<sup>13</sup>For du har like mange gudar som du har byar, Juda! Og de har reist like mange altar for Skamma som det er gater i Jerusalem, altar der de tenner offereld for Baal.

<sup>14</sup>Du skal ikkje be for dette folket og ikkje setja i med klagerop eller bøn for dei. For eg vil ikkje høyra på dei når dei ropar til meg i si ulukketid.

### **Oliventreet**

<sup>15</sup>Kva vil ho som eg elsker, i mitt hus, ho som har lagt vonde planar? Kan feite dyr og heilagt kjøt ta bort din vondskap? Då kunne du jubla.

<sup>16</sup>Herren har kalla deg eit grønt oliventre med vakker frukt. Men med bulder og brak set han fyr på det så greinene brotnar.

<sup>17</sup>Herren over hærskarane, han som planta deg, trugar deg no med det vonde for det vonde som Israels og Judas hus har gjort mot seg sjølve då dei tende offereld for Baal og gjorde meg rasande.

### **Trugsmål mot profeten**

<sup>18</sup>Herren gjorde det kjent for meg, eg fekk vita om det. Då synte du meg kva dei gjorde.

<sup>19</sup> Eg var godtruen lik eit lam som blir ført bort til slakting. Eg visste ikkje at dei tenkte ut planar mot meg: «Lat oss øydeleggja både treet og frukta og rydda han ut av landet til dei levande så ingen hugsar namnet hans meir.»

<sup>20</sup> Herre over hærskarane, du rettferdige dommar, du som granskar hjarte og nyrer, lat meg få sjå at du tek hemn over dei, for eg har lagt saka mi fram for deg.

<sup>21</sup> Difor: Så seier Herren om mennene i Anatot som står deg etter livet og seier: «Du må ikkje profetera i Herrens namn, elles skal du døy for vår hand.»

<sup>22</sup>Difor seier Herren over hærskarane: Sjå, eg vil krevja dei til rekneskap. Dei unge mennene skal døy for sverd, sønene og døtrene deira skal døy av svolt.

<sup>23</sup>Ingen av dei blir att, for eg fører ulukke over Anatoms menn i rekneskapens år.

## **Jeremia 12**

### **Kvifor har dei vonde lukka med seg?**

<sup>1</sup> Rettferdig er du, Herre, når eg fører sak mot deg. Likevel må eg snakka med deg om kva som er rett. Kvifor har dei urettferdige framgang, kvifor er alle dei trulause trygge?

<sup>2</sup> Du plantar dei, og dei slår rot, dei veks og ber frukt. Du er nær i munnen deira, men frå hjartet er du langt borte.

<sup>3</sup> Men du, Herre, kjenner meg og ser meg, du prøver mitt hjarte, min truskap mot deg. Skil dei ut som sauer til slakting, vigsla dei til dagen for drap!

<sup>4</sup> Kor lenge skal landet sørgja og alt som gror på marka, tørka bort? Dei som bur i landet, er vonde, difor går dyr og fuglar til grunne. Dei seier: «Han kan ikkje sjå korleis det går oss til slutt.»

<sup>5</sup> Når du blir trøyt av å springa om kapp med fotfolk, korleis kan du då springa om kapp med hestar? Og er du trygg berre i fredeleg land, kva har du då å gjera i Jordans krattskog?

<sup>6</sup> Sjølv brørne dine og din fars hus er trulause mot deg. Dei ropar bak ryggen din: «Det er nok!» Lit ikkje på dei når dei seier gode ting til deg.

### **Heile landet er lagt i øyde**

<sup>7</sup> Eg har gått frå huset mitt, forkasta egedomen min, gjeve henne eg elska, i fiendens hand.

<sup>8</sup> Egedomen har for meg vorte som ei løve i skogen. Ho brøler til meg, difor hatar eg henne.

<sup>9</sup> Er egedomen min ein sprekleite rovfugl som andre fuglar går laus på frå alle kantar? Lat alle villdyr samlast og før dei hit så dei kan eta!

<sup>10</sup> Mange gjetarar har herja mi vinmark og trampa ned mi odelsjord. Dei har gjort min herlege odel til ein aud ørken,

<sup>11</sup> gjort han til ei øydemark, og øydemarka sørgjer framfor meg. Heile landet er lagt audt, og ingen bryr seg om det.

<sup>12</sup> Over alle dei snaue høgder i ørkenen kom folk og herja. For Herren har eit sverd som øyder frå landsende til landsende, ingen skapning finn fred.

<sup>13</sup> Dei sådde kveite og hausta klunger, dei streva til inga nytte. Stå der i skam med avlinga dykkar! For Herren er brennande harm.

### **Israel, Juda og grannefolka**

<sup>14</sup> Så seier Herren om alle dei vonde grannane som rører ved den egedomen eg har gjeve mitt folk Israel: Sjå, eg rykkjer dei opp frå jorda deira, og Judas hus rykkjer eg opp midt imellom dei.

<sup>15</sup>Men etter at eg har rykt dei opp, vil eg atter miskunna meg over dei og føra dei tilbake, kvar til sin eigedom og til sitt land.

<sup>16</sup>Og om dei lærer å kjenna vegane til folket mitt, om dei sver ved mitt namn og seier «så sant Herren lever», slik dei før lærte folket mitt å sverja ved Baal, då skal dei byggjast opp att midt imellom folket mitt.

<sup>17</sup>Men om dei ikkje vil høyra, rykkjer eg opp det folkeslaget, rykkjer det opp og gjer ende på det, seier Herren.

## Jeremia 13

### Det øydelagde beltet

<sup>1</sup> Dette sa Herren til meg: «Gå og kjøp deg eit belte av lin og spenn det om livet, men lat det ikkje koma i vatn!»

<sup>2</sup> Eg kjøpte då eit belte, som Herren hadde sagt, og spente det om livet.

<sup>3</sup> Då kom Herrens ord til meg andre gongen:

<sup>4</sup> «Ta beltet du kjøpte, det du har om livet, og stå opp og gå til Euftrat! Der skal du gøyma det i ein bergsprekk.»

<sup>5</sup> Så gjekk eg og gøymde det att med Euftrat, slik Herren hadde sagt meg.

<sup>6</sup> Lang tid etter sa Herren til meg: «Stå opp, gå til Euftrat og hent beltet som eg baud deg å gøyma der!»

<sup>7</sup> Eg gjekk til Euftrat og grov opp beltet og tok det bort frå staden der eg hadde gøymt det. Og sjå, då var beltet øydelagt og dugde ikkje til noko.

<sup>8</sup> Då kom Herrens ord til meg:

<sup>9</sup> Så seier Herren: Slik vil eg øydeleggja det store overmodet i Juda og i Jerusalem.

<sup>10</sup> Dette vonde folket nektar å høyra på mine ord, dei følgjer sitt eigenrådige hjarte og følgjer andre gudar for å tena dei og tilbe dei. Som beltet skal dei bli, det som ikkje duger til noko.

**11** For slik beltet sluttar tett om livet på mannen, slik har eg slutta heile Israels hus og heile Judas hus til meg, seier Herren, så dei skulle vera mitt folk, til ære, pris og pryd for meg. Men dei ville ikkje høyra.

#### **Dei knuste vinkrukkene**

**12** Du skal seia dette ordet til dei: Så seier Herren, Israels Gud: Kvar krukke skal fyllast med vin. Dei kjem til å seia til deg: «Trur du ikkje vi veit at kvar krukke skal fyllast med vin!»

**13** Då skal du seia til dei: Så seier Herren: Sjå, eg fyller alle som bur i dette landet, både kongane som sit på Davids trone, prestane, profetane og alle som bur Jerusalem, og dei blir fulle.

**14** Eg skal knusa den eine mot den andre, både fedrar og søner, seier Herren. Eg viser ikkje medkjensle, skånar ikkje og er ikkje miskunnsam; eg skal øydeleggja dei.

#### **Ver ikkje hovmodige**

**15** Høyr og lytt, ver ikkje hovmodige! For Herren talar.

**16** Gjev Herren dykkar Gud ære før han gjer det mørkt, før de snublar og fell på fjella i skumringa. De vonar på lys, men han gjer det til dødsskugge og tjukk skodde.

**17** Men vil de ikkje høyra på dette, må sjela mi gråta i løynd over hovmodet dykkar, gråta og gråta, tårene renn frå auga, for Herrens flokk blir ført i fangenskap.

**18** Sei til kongen og kongens mor: Set dykk lenger nede! For den staselege krona har falle av hovudet dykkar.

**19** Byane i Negev er stengde, det er ingen som opnar. Heile Juda er ført i eksil, bortført til siste mann.

#### **Jerusalems skam**

**20** Lyft auga og sjå dei som kjem frå nord! Kvar er flokken du fekk, dei staselege sauene dine?

<sup>21</sup>Kva vil du seia når tiltrudde menn som du sjølv har lært opp, blir sette til befalingsmenn over deg? Då blir du gripen av rier som ei fødande kvinne.

<sup>22</sup> Du seier i hjartet: «Kvifor skal dette henda meg?» På grunn av di store skuld vart kjolekanten lyft opp og lemene utsette for vald.

<sup>23</sup> Kan ein frå Kusj skifta si hud eller ein leopard sine flekker? Då kunne òg de gjera godt, de som er lærte opp til å gjera vondt.

<sup>24</sup> Eg skal spreia dei lik halmstrå som fyk av stad med ørkenvinden.

<sup>25</sup> Det blir din lut, den del eg måler opp for deg, seier Herren, fordi du gløymde meg og sette di lit til løgn.

<sup>26</sup> Eg skal sjølv lyfta kjolekanten opp over andletet på deg så dei kan sjå di skam,

<sup>27</sup> ditt ekteskapsbrot, di vrinsking og ditt skamlause horeliv. Eg såg det motbydelege du dreiv med på haugane og ute på marka. Ve deg, Jerusalem, du som ikkje reinsar deg! Kor lenge skal dette vara?

## Jeremia 14

### Herren straffar med tørke

<sup>1</sup> Herrens ord som kom til Jeremia om tørken:

<sup>2</sup> Juda sørgjer, byane visnar, dei bøyer seg til jorda i sorg, klagerop stig frå Jerusalem.

<sup>3</sup> Stormennene sender tenarane sine etter vatn. Dei kjem til brønnane, men finn ikkje vatn. Dei kjem att med tomme kar, dei dekkjer til hovudet i skam og vanære.

<sup>4</sup> Jorda rivnar, for det kjem ikkje regn i landet, bøndene dekkjer til hovudet i skam.

<sup>5</sup> Sjølv hinda ute på marka forlèt den nyfødde kalven, for ikkje noko er grønt.

<sup>6</sup> På snaue høgder står villesel og syp etter anden som sjakalar, auga sloknar, for det finst ikkje gras.



<sup>7</sup> Herre, sjølv om våre synder vitnar mot oss, så grip likevel inn for ditt namn skuld! Gong på gong har vi falle frå og synda mot deg.

<sup>8</sup> Du Israels von, du frelsar i trengselstid, kvifor er du som ein framand i landet, ein ferdamann som berre stansar ei natt?

<sup>9</sup> Kvifor er du som ein rådvill mann, ein krigar som ikkje kan frelsa? Du er midt imellom oss, Herre, namnet ditt er nemnt over oss. Gå ikkje frå oss!

<sup>10</sup> Så seier Herren om dette folket: Dei likar å streifa ikring, dei sparer ikkje føtene. Men Herren bryr seg ikkje om dei. No vil han hugsa deira skuld og straffa dei for deira synder.

### **Dei falske profetane skal mista livet**

<sup>11</sup> Herren sa til meg: Bed ikkje om at det skal gå godt for dette folket!

<sup>12</sup> Når dei fastar, høyrer eg ikkje på klageropa deira, og når dei ber fram brennoffer og grødeoffer, bryr eg meg ikkje om dei. For med sverd og svolt og pest skal eg gjera ende på dei.

<sup>13</sup> Då sa eg: Å, min Herre og Gud, sjå, profetane seier til dei: «De skal ikkje sjå sverd, og svolt skal ikkje råka dykk, for eg vil gje dykk sann fred på denne staden.»

<sup>14</sup> Herren sa til meg: Løgn profeterer desse profetane i mitt namn. Eg har ikkje sendt dei og ikkje gjeve dei noko påbod og ikkje tala til dei. Løgnsyn, falske spådomar og svik frå eige hjarte er det dei profeterer for dykk.

<sup>15</sup> Difor seier Herren om profetane som profeterer i mitt namn endå eg ikkje har sendt dei, dei som seier at det ikkje skal vera sverd og svolt her i landet: Ved sverd og svolt skal dei mista livet, desse profetane.

<sup>16</sup> Og folket som dei profeterer for, skal liggja slengt på gatene i Jerusalem, tekne av svolt og sverd. Ingen skal gravleggja dei eller kvinnene deira, sønene eller døtrene deira. Slik auser eg deira eigen vondskap ut over dei.

### **Har du vraka oss heilt?**

<sup>17</sup> Dette ordet skal du seia til dei: Tårene renn frå auga mine natt og dag, dei tek ikkje slutt. For jomfrua, dotter til folket mitt, har falle heilt saman og fått eit ulækjande sår.

<sup>18</sup> Går eg ut på marka, ser eg folk drepne av sverd, og går eg inn i byen, ser eg svolt og sjukdom. Sjølv profetar og prestar må fara til eit land dei ikkje kjenner.

<sup>19</sup> Har du heilt støytt Juda frå deg, har du avsky for Sion? Kvifor har du slege oss så det ikkje finst lækjedom? Vi har vona på fred, men det finst ikkje noko godt, og på ei tid med lækjedom, men sjå, det er redsle.

<sup>20</sup> Vi kjenner vår urett, Herre, og skulda til fedrane våre, for vi har synda mot deg.

<sup>21</sup> For ditt namn skuld, forakt oss ikkje, vanær ikkje din herlegdoms trone. Hugs på di pakt med oss, bryt henne ikkje!

<sup>22</sup> Kan dei falske gudane til folkeslaga gje regn? Kan himmelen gje regnbyer? Er det ikkje du, Herre, vår Gud? Vi vonar på deg, for det er du som gjer alt dette.

## Jeremia 15

### Inga medkjensle med folket

<sup>1</sup> Herren sa til meg: Om så Moses og Samuel stod framfor meg, ville eg ikkje ha medkjensle med dette folket. Send dei frå meg, dei skal gå bort!

<sup>2</sup> Og når dei seier til deg: «Kvar skal vi gå?» skal du svara: Så seier Herren: Den som tilhøyrrer døden, til død, den som tilhøyrrer sverdet, til sverd, den som tilhøyrrer svolten, til svolt, den som tilhøyrrer fangenskapet, til fangenskap.

<sup>3</sup> Eg sender mot dei fire slags straffedommar, seier Herren: sverd til å drepa, hundar til å slepa bort, fuglane under himmelen og dyra på marka til å eta og øydeleggja.

<sup>4</sup> Eg gjer dei til ei redsle for alle rike på jorda på grunn av det som Judakongen Manasse, Hiskias son, har gjort i Jerusalem.

<sup>5</sup> For kven har medkjensle med deg, Jerusalem, kven tykkjer synd i deg? Kven stansar og spør korleis du har det?

<sup>6</sup> Du støytt meg frå deg, seier Herren, og snudde ryggen til. Så strekte eg handa ut for å gjera ende på deg, eg var trøyt av å ha medynk.

<sup>7</sup> Eg spreidde dei med kasteskovl i byane i landet. Eg gjorde folket mitt barnlaust og lét det gå til grunne; det vende ikkje om frå vegane sine.

<sup>8</sup> Eg gjorde enkjene meir talrike enn havsens sand. Mot dei som var mødrer til unge menn, sende eg ein som herja midt på lyse dagen. Brått lét eg redsle og skrekk falla over dei.

<sup>9</sup> Sjølv ho som fødde sju born, har visna. Livsanden har gått ut av henne, sola hennar har gått ned medan det endå var dag. Ho vart til spott og skam. Resten av folket gjev eg til sverdet framfor fiendane deira, seier Herren.

### **Profetens kall og lidning**

<sup>10</sup> Ve meg, mor, at du fødde meg, ein mann i strid og krangel med heile landet. Eg har korkje gjeve eller teke opp lån, og endå forbannar dei meg alle.

<sup>11</sup> I sanning, Herre: Har eg ikkje tent deg til det gode, har eg ikkje bede til deg då fienden kom, i tida med naud og trengsle?

<sup>12</sup> Kan ein bryta sund jern, jern frå nord, og bronse?

<sup>13</sup> Rikdomen og skattane dine gjev eg til fri plyndring for alle dine synder i heile landet ditt.

<sup>14</sup> Eg gjer deg til slave for fiendane dine i eit land du ikkje kjenner. For min vreide logar som eld, mot dykk er han kveikt.

<sup>15</sup> Du veit det, Herre. Hugs meg og ta deg av meg! Gjev meg hemn over dei som forfølgjer meg! Ver ikkje så sein til vreide at eg blir riven bort. Vit at eg må tola spott for di skuld!

<sup>16</sup> Eg fann dine ord og åt dei, dine ord vart til fryd for meg og til glede for hjartet mitt. For ditt namn er nemnt over meg, Herre, allhærs Gud.

<sup>17</sup> Aldri sat eg og mora meg i lystig lag. For di skuld sat eg einsam, du fylte meg med harme.

<sup>18</sup> Kvifor er mi smerte utan ende og såret mitt ulækjande? Det kan ikkje lækjast. Du har vorte for meg som ein tørrlagd bekk, som vatn ein ikkje kan lita på.

<sup>19</sup> Difor, så seier Herren: Dersom du vender om, lèt eg deg koma attende. Du skal stå for mitt andlet. Dersom du skil ut det kostesame frå det verdlause, skal du vera som min munn. Dei skal venda seg til deg, men du skal ikkje venda deg til dei.

<sup>20</sup> Mot dette folket gjer eg deg til ein festningsmur av bronse. Dei skal gå til krig mot deg, men ikkje vinna. For eg er med deg, eg vil frelsa deg og berga deg, seier Herren.

<sup>21</sup> Eg vil berga deg frå hendene til dei vonde og fria deg frå grepet til valdsmenn.

## Jeremia 16

### Profetens einsemd

<sup>1</sup> Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup> Du skal ikkje gifta deg med noka kvinne og ikkje få deg søner og døtrer på denne staden.

<sup>3</sup> For så seier Herren om sønene og døtrene som blir fødde på denne staden, om mødrene som føder dei, og om fedrane som får dei i dette landet:

<sup>4</sup> Dei skal døy av dødelege sjukdomar, dei får inga sørgjehøgtid eller gravferd, dei skal bli til gjødsel på jorda. Sverd og svolt skal ta dei, og lika skal bli til føde for fuglane under himmelen og dyra på marka.

<sup>5</sup> Så seier Herren: Du skal ikkje gå i sørgjelag, du skal ikkje ta del i klaga og ikkje visa teikn på sorg! For min fred har eg teke frå dette folket, seier Herren, min truskap og mi miskunn.

<sup>6</sup> Store og små skal døy i dette landet, dei skal ikkje få noka gravferd eller sørgjehøgtid. Ingen skal rispa seg opp eller raka seg snau for deira skuld.

<sup>7</sup> Ingen skal bryta brød for å trøysta den som sørgjer over ein død, eller skjenkja han eit beger til trøyst for far eller mor.

<sup>8</sup> Du skal heller ikkje gå i gjestebod for å sitja i lag med dei og eta og drikka.

<sup>9</sup> For så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Sjå, rett framfor auga dykkar, i dykkar dagar, gjer eg ende på lyden av jubel og glede og røysta til brudgom og brur på denne staden.

<sup>10</sup> Når du kunngjer alle desse orda for dette folket, kjem dei til å seia til deg: «Kvifor byd Herren at heile denne store ulukka skal koma over oss? Kva er vår skuld, kva for ei synd har vi gjort mot Herren vår Gud?»

<sup>11</sup> Då skal du seia til dei: Fedrane dykkar forlét meg, seier Herren. Dei følgde andre gudar som dei tente og tilbad. Dei forlét meg, og mi lov heldt dei ikkje.

<sup>12</sup> Og de har bore dykk verre åt enn fedrane dykkar. Sjå, kvar og ein følgjer sitt vonde og eigenrådige hjarte og høyrer ikkje på meg.

<sup>13</sup> Eg skal kasta dykk ut av dette landet til landet som korkje de eller fedrane dykkar har kjent, og der skal de tena andre gudar både dag og natt. For eg vil ikkje gje dykk nåde.

#### **Tilbake til fedrars jord**

<sup>14</sup> Difor, sjå, dagar skal koma, seier Herren, då det ikkje lenger skal seiast: «Så sant Herren lever, han som førte israelittane opp frå Egypt»,

<sup>15</sup> men: «Så sant Herren lever, han som førte israelittane opp frå landet i nord og frå alle dei land han hadde drive dei bort til.» Eg vil føra dei tilbake til deira jord, den jorda eg gav til fedrane.

#### **Fiskarar og jegerar**



**16** Sjå, eg sender bod etter mange fiskarar, seier Herren, og dei skal fiska dei. Sidan sender eg bod etter mange jegerar, og dei skal jaga dei frå kvart fjell og kvar haug og frå bergsprekkane.

**17** For eg held auge med dei kvar enn dei går. Dei kan ikkje gøyma seg for meg, og skulda deira er ikkje løynd for auga mine.

**18** Først skal eg gje dei dobbelt att for deira synd og skuld, for dei har vanhelga landet mitt med dei livlause og motbydelege gudane sine og fylt min eigedom med det som er avskyeleg.

### **Folkeslag skal få kjenna Herrens makt**

**19** Herre, min styrke og mitt vern, mi tilflukt den dagen eg er i naud! Til deg skal folkeslag koma frå endane på jorda og seia: «Fedrane våre arva berre løgn, falske gudar som ikkje kan hjelpa.

**20** Kan menneske laga seg gudar? Dei er då ikkje gudar.»

**21** Sjå, difor gjer eg kjent for dei, denne gongen gjer eg kjent mi makt og mitt velde, og dei skal få kjenna at mitt namn er Herren.

## **Jeremia 17**

### **Judas synd er skriven opp**

**1** Judas synd er skriven opp med jerngriffel og rissa inn med diamantstift på deira hjartetavle og på altarahorna,

**2** medan borna deira minnest altara og Asjera-pålane dei hadde under frodige tre og på høge haugar,

**3** fjella på marka. Din rikdom, alle skattane dine og offerhaugane dine gjev eg til plyndring på grunn av synda i heile ditt land.

**4** Av deg sjølv må du seia frå deg den eigedom eg gav deg. Eg gjer deg til slave for fiendane dine i landet du ikkje kjenner. For de har kveikt vreiden min, han skal brenna for alltid.

### **Stol ikkje på menneske**

<sup>5</sup> Så seier Herren: Forbanna er den mann som stolar på menneske og søker sin styrke i kjøt og blod og vender hjartet bort frå Herren.

<sup>6</sup> Han blir lik ein busk i øydemarka, han får ikkje sjå det gode koma, han held til i ein ørken av stein, i det salte landet der ingen bur.

<sup>7</sup> Velsigna er den mann som stolar på Herren og set si lit til han.

<sup>8</sup> Han er lik eit tre som er planta attmed vatn og strekkjer røtene mot bekken. Det fryktar ikkje når heten kjem, lauvet er grønt. Det engstar seg ikkje i tørketider og held ikkje opp med å bera frukt.

<sup>9</sup> Hjartet er meir svikefullt enn noko anna, det kan ikkje lækjast. Kven kan skjøna det?

<sup>10</sup> Eg, Herren, er den som granskar hjarte og prøver nyrer. Eg løner kvar mann etter hans ferd, etter frukta av hans gjerningar

#### **Dom over urett og fråfall**

<sup>11</sup> Ei rapphøne som ligg på egg ho ikkje sjølv har vorpe, er den som skaffar seg rikdom med urett. Midt i livet må han gå frå han og står der til sist som ein narr.

<sup>12</sup> Ei herleg trone, opphøgd frå den første tid, er staden der vår heilagdom står.

<sup>13</sup> Herre, du Israels von, alle som forlèt deg, skal bli til skamme, dei i landet som vender seg frå deg, skal skrivast opp. For dei har forlate Herren, kjelda med levande vatn.

#### **Frels meg du, så blir eg frelst**

<sup>14</sup> Læk meg, Herre, så blir eg lækt, frels meg du, så blir eg frelst. For du er min lovsong.

<sup>15</sup> Sjå, dei seier til meg: «Kvar er Herrens ord? Lat det koma!»

<sup>16</sup> Men eg har ikkje trygla deg om å senda noko vondt, eg har ikkje lengta etter ein ulukkedag. Du veit kva leppene mine har sagt, det er rett framfor deg.

<sup>17</sup>Bli ikkje til redsle for meg! Du er mi tilflukt når ulukka kjem.

<sup>18</sup> Lat forfølgjarane bli til skamme og ikkje eg. Lat dei bli slegne av redsle og ikkje eg! Lat ein ulukkedag koma over dei, knus dei dobbelt!

### Hald sabbatsdagen heilag

<sup>19</sup> Dette sa Herren til meg: Gå og stå i Folkeporten, der Judas kongar går inn og ut, og i alle portane i Jerusalem,

<sup>20</sup> og sei til dei: Høyr Herrensord, de Juda-kongar, heile Juda og alle som bur i Jerusalem, de som går inn gjennom desse portane.

<sup>21</sup> Så seier Herren: Så sant de har livet kjær, akta dykk for å bera noka bør på sabbatsdagen og koma inn gjennom Jerusalems portar med henne.

<sup>22</sup> De må ikkje bera noko ut or husa dykkar på sabbatsdagen og ikkje gjera noko arbeid. De skal halda sabbatsdagen heilag, slik eg baud fedrane dykkar.

<sup>23</sup> Men dei høyrde ikkje og vende ikkje øyret til, dei gjorde nakken stiv og lydde ikkje og tok ikkje imot formaning.

<sup>24</sup> Dersom de høyrer på meg, seier Herren, og ikkje ber noka bør inn gjennom portane i denne byen på sabbatsdagen, men held sabbatsdagen heilag og ikkje gjer noko arbeid,

<sup>25</sup> då skal kongar og fyrstar som sit på Davids trone, og som køyrer med hestar og vogner, få koma inn gjennom portane i denne byen, både dei og stormennene deira, mennene i Juda og dei som bur i Jerusalem. Denne byen skal stå til evig tid.

<sup>26</sup> Då skal dei koma frå byane i Juda og landet kring Jerusalem, frå Benjaminlandet, låglandet, fjellandet og Negev for å bera fram brennoffer, slaktoffer, grødeoffer og røykjelse og koma med takkoffer til Herrens hus.

<sup>27</sup> Men om de ikkje vil høyra på meg og halda sabbatsdagen heilag, men ber bører og kjem inn gjennom Jerusalems portar med dei på sabbatsdagen, då set eg eld på portane. Han skal øyda borgene i Jerusalem, han skal ikkje slokna.





## Jeremia 18

### Leira i pottemakarens hand

<sup>1</sup> Dette ordet kom til Jeremia frå Herren:

<sup>2</sup> «Stå opp og gå ned til pottemakarens hus! Der skal eg la deg få høyra mine ord.»

<sup>3</sup> Så gjekk eg ned til pottemakarens hus. Han stod og arbeidde ved dreieskiva.

<sup>4</sup> Når det karet han heldt på å laga av leire, vart mislukka i pottemakarens hand, laga han det om til eit anna kar, slik han tykte det var rett.

<sup>5</sup> Då kom Herrens ord til meg:

<sup>6</sup> Israels hus, kan ikkje eg gjera med dykk slik denne pottemakaren gjer med leira? seier Herren. Sjå, som leira i pottemakarens hand, slik er de i mi hand, Israels hus.

<sup>7</sup> Stundom trugar eg eit folkeslag eller eit rike med å rykkja opp og riva ned og øydeleggja.

<sup>8</sup> Men dersom det folket eg har truga, vender om frå sin vondskap, angrar eg på det vonde eg hadde tenkt å gjera mot det.

<sup>9</sup> Stundom lovar eg eit folkeslag eller eit rike at eg vil byggja og planta.

<sup>10</sup> Men gjer dei då det som vondt er i mine auge, og ikkje høyrer på mi røyst, angrar eg på det gode eg hadde tenkt å gjera mot dei.

<sup>11</sup> Og no, sei til mennene i Juda og til dei som bur i Jerusalem: Så seier Herren: Sjå, eg formar til ei ulukke og tenkjer ut ein plan mot dykk. Vend om, kvar frå sin vonde veg! Gjer vegane og gjerningane dykkar gode!

<sup>12</sup> Men dei skal svara: «Det nyttar ikkje. Vi vil følgja våre eigne planar, kvar og ein av oss vil gjera etter sitt vonde og eigenrådige hjarte.»

### Kven har høyrte noko slikt?

<sup>13</sup> Difor seier Herren: Spør mellom folkeslaga: Kven har høyrte noko slikt? Grufulle ting har jomfru Israel gjort.

**14** Forsvinn vel snøen på Libanon frå høge berget? Kan det kalde, rennande vatnet frå framandt land tørka ut?

**15** Men folket mitt har gløymt meg. Dei tenner offereld til inga nytte. Dei snublar på vegane sine, i dei gamle spora, og følgjer stigar der ingen veg er bygd.

**16** Slik legg dei landet sitt audt og gjer det til evig spott. Alle som går forbi, skal bli forfærde og rista på hovudet.

**17** Som ein austavind spreier eg dei framfor fienden. Med nakken og ikkje med andletet skal eg sjå på dei på ulukkedagen deira.

#### **Profeten bed om hemn**

**18** Dei sa: «Kom, lat oss leggja planar mot Jeremia. For det skal ikkje mangla rettleiing hos presten, råd hos den vise eller ord hos profeten. Kom, lat oss slå han med tunga, vi vil ikkje høyra på alt han seier.»

**19** Herre, høyr på meg! Høyr kva motstandarane mine seier!

**20** Skal ein løna godt med vondt? Dei har grave ei grav for meg! Hugs at eg stod for ditt andlet for å tala deira sak og venda harmen din bort frå dei.

**21** Difor, overgjev borna deira til svolten, gjev dei til sverdet! Lat kvinnene bli barnlause og enkjer, lat mennene råkast av døden, unggutane deira falla for sverd i krigen.

**22** Lat det høyrast skrik i husa deira når du brått lèt røvarar koma over dei. For dei grov ei grav til å fanga meg og sette løynde snarer for føtene mine.

**23** Men du, Herre, kjenner alle planane deira om å drepa meg. Ta ikkje bort deira skuld og utslett ikkje deira synd for ditt andlet, men lat dei falla og liggja der! Grip inn mot dei den tid du er vreid!

## **Jeremia 19**

### **Den knuste leirkrukka**

**1** Dette sa Herren: Gå til pottemakeren og kjøp ei leirkrukke! Ta med deg nokre av dei eldste frå folket og frå prestane

<sup>2</sup>og gå ut i Ben-Hinnom-dalen, ved inngangen til Potteskarporten, der skal du ropa ut dei orda eg talar til deg.

<sup>3</sup>Du skal seia: Høyr Herrens ord, de kongar i Juda og de som bur i Jerusalem! Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Sjå, eg fører ei ulukke over denne staden som skal få det til å ringja for øyra på alle som høyrer om det.

<sup>4</sup>For dei forlét meg og krenkte denne staden. Dei tende offereld her for andre gudar som korkje dei eller fedrane eller Judas kongar kjende. Dei fylte denne staden med blod frå uskuldige.

<sup>5</sup>Dei bygde offerhaugar for Baal for å brenna borna sine i elden som brennoffer for Baal. Det har eg ikkje pålagt dei og ikkje sagt til dei, det har aldri vore i mine tankar.

<sup>6</sup>Difor, sjå, dagar skal koma, seier Herren, då denne staden ikkje lenger skal kallast Tofet og Ben-Hinnom-dalen, men Drapsdalen.

<sup>7</sup>På denne staden slår eg sund Judas og Jerusalems planar. Eg lèt dei falla for sverdet til fienden og i hendene på dei som står dei etter livet. Og eg gjev lika deira til føde for fuglane under himmelen og for dyra på marka.

<sup>8</sup>Eg legg denne byen aud og gjer han til spott. Alle som går forbi, skal bli forfærde og plystra hånleg over såra han har fått.

<sup>9</sup>Eg lèt dei eta kjøtet av sine eigne søner og døtrer, den eine skal eta kjøtet av den andre. Slik trengsle og naud skal fiendane deira og dei som står dei etter livet, føra over dei.

<sup>10</sup>Sidan skal du knusa krukka framfor auga på dei menn som går saman med deg,

<sup>11</sup>og du skal seia til dei: Så seier Herren over hærskarane: Eg vil knusa dette folket og denne byen slik ein knuser eit kar frå pottetakaren så det ikkje kan bli heilt att. Og i Tofet skal dei gravleggja folk, fordi det ikkje finst gravplass andre stader.

<sup>12</sup>Slik vil eg gjera med denne staden, seier Herren, og med dei som bur der, og denne byen vil eg gjera lik Tofet.

<sup>13</sup>Og husa i Jerusalem og husa til kongane i Juda skal bli ureine som Tofet, alle dei husa der dei har tent offereld på taka for heile himmelens hær og aust ut drikkoffer for andre gudar.

### Jeremia blir straffa

<sup>14</sup>Så kom Jeremia att frå Tofet, dit Herren hadde sendt han for å profetera. Då stilte han seg i føregarden til Herrens hus og sa til alt folket:

<sup>15</sup>«Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Sjå, eg sender all den ulukke eg har truga med, over denne byen og over alle dei byane som høyrer han til. For dei har gjort nakken stiv og høyrer ikkje på mine ord.»

## Jeremia 20

<sup>1</sup>Då presten Pasjhur, Immers son, som var øvste tilsynsmann i Herrenshus, hørde Jeremia tala desse profetiske orda,

<sup>2</sup>slo han profeten Jeremia og sette han i gapestokken ved den øvre Benjaminporten, som fører inn til Herrens hus.

<sup>3</sup>Dagen etter sleppte Pasjhur Jeremia laus frå gapestokken. Då sa Jeremia til han: Herren kallar deg ikkje Pasjhur, men «Redsle på alle kantar».

<sup>4</sup>For så seier Herren: Sjå, eg gjer deg til ei redsle for deg sjølv og for alle venene dine. Dei skal falla for sine fiendars sverd, og auga dine skal sjå det. Og heile Juda vil eg gje over i hendene på kongen av Babel. Han skal føra dei til eksil i Babel og hogga dei ned med sverd.

<sup>5</sup>Og eg vil gje all rikdom i denne byen i hendene på fiendane deira, alt dei har streva for, alle kostesame eigneluter og alle skattane til Juda-kongane, dei skal røva dei, ta dei med seg og føra dei til Babel.

<sup>6</sup>Du, Pasjhur, og alle som bur i ditt hus, skal gå i fangenskap og koma til Babel, og der skal du døy, og der skal du gravleggjast, både du og alle venene dine som du har profetert løgn for.

### Profeten kan ikkje svikta kallet

<sup>7</sup> Du lokka meg, Herre, og eg lét meg lokka. Du vart for sterk for meg og vann. Eg er til latter heile dagen, alle spottar meg.

<sup>8</sup> Kvar gong eg snakkar, må eg skrika. «Vald og ran!» ropar eg. For Herrens ord har dagen lang vorte meg til spott og skam.

<sup>9</sup> Eg sa: «Eg vil ikkje tenkja på han og aldri meir tala i hans namn.» Då var det som om det brann ein eld i mitt hjarte. Han var innestengd i knoklane mine. Eg streva for å stå imot, men eg greidde det ikkje.

<sup>10</sup> For eg høyrer mange som kviskrar: «Redsle på alle kantar! Meld han! Vi skal melda han!» Kvart menneske eg hadde fred med, ventar på at eg skal falla: «Kanskje lét han seg lokka, så vi vinn og kan hemna oss på han.»

<sup>11</sup> Men Herren er med meg lik ein veldig krigar. Difor skal dei som forfølgjer meg, snubla og ikkje vinna. Dei skal bli heilt til skamme, for dei mislukkast, ei evig vanære som aldri blir gløymd.

<sup>12</sup> Herre over hærskarane, du som prøver den rettferdige, som ser nyrer og hjarte, lat meg få sjå at du tek hemn over dei, for eg har lagt mi sak fram for deg.

<sup>13</sup> Syng for Herren, lovpris Herren, for han bergar livet til den fattige frå valdsmannens hand.

<sup>14</sup> Forbanna er den dagen då eg vart fødd! Den dagen mor mi fødde meg, skal ikkje vera velsigna!

<sup>15</sup> Forbanna er den mannen som kom til far min med nyhendet: «Det er fødd deg eit barn, ein gut» og gjorde han storleg glad.

<sup>16</sup> Lat den mannen bli som dei byane Herren øydela utan medynk! Lat han høyra skrik om morgonen og hærrop midt på dagen

<sup>17</sup> fordi han ikkje drap meg i mors liv, så mor mi kunne bli mi grav og alltid gå med barn.

<sup>18</sup> Kvifor kom eg ut av mors liv for å sjå møde og sorg og enda mine dagar i skam?

## Jeremia 21

### Vegen til livet og vegen til døden

<sup>1</sup> Dette ordet kom til Jeremia frå Herren då kong Sidkia sende Pasjhur, son til Malkia, og presten Sefanja, son til Maaseja, til han for å seia:

<sup>2</sup> «Spør Herren til råds for oss! For kong Nebukadnesar av Babel går til krig mot oss. Kanskje Herren vil gjera eit under for oss, som han så ofte har gjort, så fienden dreg bort.»

<sup>3</sup> Jeremia sa til dei: Dette skal de seia til Sidkia:

<sup>4</sup> Så seier Herren, Israels Gud: Sjå, eg tek frå dykk krigsvåpna de har i hendene, dei som de kjempar med utanfor muren mot kongen av Babel og mot kaldearane som kringset dykk. Eg samlar dei midt i denne byen.

<sup>5</sup> Sjølv skal eg strida mot dykk med utstrekt hand og sterk arm, i vreide, harme og i veldig sinne.

<sup>6</sup> Eg skal slå i hel dei som bur i denne byen, både menneske og dyr; dei skal døy i ein stor pest.

<sup>7</sup> Og sidan, seier Herren, gjev eg kong Sidkia av Juda, tenarane hans og folket, dei som er att i denne byen etter pest, sverd og svolt, i hendene på kong Nebukadnesar av Babel, til fiendane deira og folk som står dei etter livet. Dei skal hogga dei ned med sverd. Dei viser ikkje medkjensle, skånar ingen og viser ikkje miskunn.

<sup>8</sup> Og til dette folket skal du seia: Så seier Herren: Sjå, eg legg fram for dykk vegen til livet og vegen til døden.

<sup>9</sup> Den som blir verande i denne byen, skal døy for sverd og svolt og pest. Men den skal få leva som går ut og gjev seg over til kaldearane som kringset dykk. Han får livet sitt som krigsbytte.

<sup>10</sup> For når eg vender andletet mot denne byen, er det til det vonde og ikkje til det gode, seier Herren. Han skal gjevast i hendene på kongen av Babel, som skal brenna han ned.

### Dom over konge og folk

<sup>11</sup>Til kongehuset i Juda: Høyr Herrens ord,

<sup>12</sup> du Davids hus! Så seier Herren: Døm rett om morgonen, berg den som er rana, frå undertrykkjarens hand! Elles skal harmen min loga som eld og brenna utan at nokon sløkkjer, for alt det vonde de har gjort.

<sup>13</sup> Sjå, eg kjem mot deg, du by som tronar over dalen, du berg på sletta, seier Herren. De seier: «Kven kan koma over oss og trengja inn i våre bustader?»

<sup>14</sup> Eg skal straffa dykk etter dykkar gjerningar, seier Herren. Eg set fyr på skogen i byen, og elden skal øyda alt ikring.

## Jeremia 22

### Domsord til kongehuset

<sup>1</sup> Dette sa Herren: Gå ned til Juda-kongens hus. Der skal du tala dette ordet. Du skal seia:

<sup>2</sup> Høyr Herrens ord, du Juda-konge som sit på Davids trone, både du og tenarane dine og folket ditt, alle de som går inn gjennom desse portane.

<sup>3</sup> Så seier Herren: Gjer det som er rett og rettferdig! Berg den som er rana, frå undertrykkjarens hand! Ver ikkje harde og bruk ikkje vald mot innflyttarar, farlause og enkjer. De skal ikkje ausa ut uskuldig blod på denne staden.

<sup>4</sup> Så sant de lever etter dette ordet, skal kongar som sit på Davids kongsstol og køyrer med vogner og hestar, koma inn gjennom portane til dette huset, både dei og tenarane deira og folket deira.

<sup>5</sup> Men vil de ikkje lyda desse orda, det sver eg ved meg sjølv, seier Herren, skal huset leggjast i ruinar.

<sup>6</sup> For så seier Herren om kongehuset i Juda: Du var eit Gilead for meg, du var toppen av Libanon. Men eg skal gjera deg til ørken, til byar der ingen bur.

<sup>7</sup> Eg helgar dei som skal øydeleggja deg, kvar med sitt våpen. Dei skal fella dine finaste sedrar og kasta dei på elden.

<sup>8</sup> Mange folkeslag skal dra forbi byen, og dei skal spørja kvarandre: «Kvifor har Herren gjort dette med denne store byen?»

<sup>9</sup> Og dei skal få til svar: «Fordi dei vende seg frå pakta med Herren sin Gud, tilbad andre gudar og tente dei.»

#### **Om kong Sjallum**

<sup>10</sup> De skal ikkje gråta over den døde og ikkje sørgja over han. Gråt heller over han som drog bort, for han skal ikkje koma att, han får aldri meir sjå sitt fødeland.

<sup>11</sup> For så seier Herren om kong Sjallum av Juda, son til Josjia, han som vart konge etter Josjia, far sin: Han som fór bort frå denne staden, skal aldri venda attende.

<sup>12</sup> For han skal døy på den staden der han er i eksil, og dette landet skal han aldri meir få sjå.

#### **Om kong Jojakim**

<sup>13</sup> Ve han som byggjer sitt hus med urettferd, sine loftssalar med urett. Han lèt sin neste arbeida utan betaling og gjev han ikkje løna han skal ha.

<sup>14</sup> Han seier: «Eg vil byggja eit stort hus med romslege loftssalar.» Så høgg han ut vindauge, kler huset med sedertre og målar det raudt.

<sup>15</sup> Blir du konge av å vera best til å byggja med sedertre? Far din åt og drakk og gjorde det som er rett og rettferdig, og då gjekk det han godt.

<sup>16</sup> Han felte rett dom for hjelpelause og fattige, og det gjekk han godt. Det er å kjenna meg, seier Herren.

<sup>17</sup> Men du har ikkje auge og hjarte for anna enn urett vinning, for å ausa ut uskuldig blod, for å undertrykkja og mishandla.

<sup>18</sup> Difor seier Herren om kong Jojakim av Juda, son til Josjia: Ingen held sørgjehøgtid over han og ropar: «Å ve, min bror! Å ve, mi syster!» Ingen held sørgjehøgtid og ropar: «Å ve, herre! Å ve, majestet!»



<sup>19</sup> Han får gravferd som eit esel, han skal slepast og slengjast bort utanfor Jerusalems portar.

### Jerusalems ulukke

<sup>20</sup> Gå opp på Libanon og skrik ut, rop høgt i Basan, skrik ut frå Abarim-fjella, for alle elskarane dine er knuste.

<sup>21</sup> Eg tala til deg då alt gjekk godt, men du sa: «Eg vil ikkje høyra.» Det var din veg frå ungdomen av, for du ville ikkje høyra på mi røyst.

<sup>22</sup> Vinden skal gjeta alle gjetarane dine, elskarane dine skal førast bort som fangar. Då får du skam og vanære att for alt det vonde du har gjort.

<sup>23</sup> Du som bur på Libanon og har bygd reir i sedertrea, kor du stønnar når smertene kjem over deg, rier som hos ei fødande kvinne!

### Om kong Konja

<sup>24</sup> Så sant eg lever, seier Herren: Sjølv om du, kong Konja av Juda, son til Jojakim, var ein signetring på mi høgre hand, ville eg riva deg av.

<sup>25</sup> Eg gjev deg i hendene på dei som står deg etter livet, og som du er redd, kong Nebukadnesar av Babel og kaldearane.

<sup>26</sup> Eg kastar både deg og mor di som fødde deg, bort til eit anna land der de ikkje vart fødde, og der skal de døy.

<sup>27</sup> Men det landet som dei lengtar etter, skal dei aldri meir koma tilbake til.

<sup>28</sup> Er då denne Konja eit vanvørddt kar som skal knusast, ein reiskap som ingen bryr seg om? Kvifor er han og hans ætt kasta ut, slengde bort til landet dei ikkje kjenner?

<sup>29</sup> Land, land, land, høyr Herrens ord!

<sup>30</sup> Så seier Herren: Skriv denne mannen opp som barnlaus, ein mann med eit mislukka liv. Ingen av hans ætt skal lukkast i å sitja på Davids trone og atter herska over Juda.

## Jeremia 23

### Herren set inn nye gjetarar

<sup>1</sup> Ve dei gjetarane som leier vill og spreier sauene eg har på beite, seier Herren.

<sup>2</sup>Difor seier Herren, Israels Gud, om dei gjetarane som gjeter folket mitt: De har spreidd sauene mine og drive dei bort, de har ikkje teke dykk av dei. No skal eg ta meg av dykk og straffa dykk for det vonde de har gjort, seier Herren.

<sup>3</sup>Så skal eg samla resten av sauene mine frå alle dei land eg har drive dei bort til, og føra dei tilbake til deira eigne beitemarker, og der skal dei vera fruktbare og bli mange.

<sup>4</sup>Då skal eg reisa opp nye gjetarar til å gjeta dei. Dei skal ikkje lenger vera redde, ikkje skjelva, ikkje bli borte, seier Herren.

#### **Ei rettferdig spire**

<sup>5</sup>Sjå, dagar skal koma, seier Herren, då eg skal reisa opp ei rettferdig spire for David. Kongen skal styra med visdom og gjera det som er rett og rettferdig i landet.

<sup>6</sup>I hans dagar skal Juda bli frelst og Israel bu trygt. Og dette er namnet han skal få: Herren, vår rettferd.

<sup>7</sup>Difor, sjå, dagar skal koma, seier Herren, då dei ikkje lenger skal seia: «Så sant Herren lever, han som førte israelittane opp frå Egypt»,

<sup>8</sup>men: «Så sant Herren lever, han som førte Israels hus og ætt heim frå landet i nord» – og frå alle dei landa eg hadde drive dei bort til, så dei kan få bu på eiga jord.

#### **Profetane**

<sup>9</sup>Om profetane. Hjartet i mitt indre er brote sund, alle knoklane skjelv. Eg har vorte som ein drukken, ein som vinen har fått makta over, på grunn av Herren og hans heilage ord.

<sup>10</sup>Landet er fullt av ekteskapsbrytarar. Landet sørgjer fordi det er forbanna, ørkenbeita tørkar bort. Folk spring etter det som er vondt, og har sin styrke i urett.

- 11** Både profet og prest er ugudelege, endå i huset mitt har eg funne vondskapen deira, seier Herren.
- 12** Difor skal vegen dei går på, bli glatt. Dei blir støytt ut i mørkret og fell. For eg fører ulukke over dei i rekneskapens år, seier Herren.
- 13** Hos profetane i Samaria har eg sett fråstøytande ting. Dei profeterte ved Baal og førte Israel, mitt folk, vill.
- 14** Hos profetane i Jerusalem har eg sett grufulle ting. Dei bryt ekteskapet og fer med løgn, dei styrkjer hendene til ugjerningsmenn så ingen vil venda om frå sin vondskap. For meg har dei alle vorte som Sodoma, dei som bur der, har vorte som Gomorra.
- 15** Difor seier Herren over hærskarane om profetane: Sjå, eg gjev dei malurt å eta og giftig vatn å drikka. For frå profetane i Jerusalem har gudløysa gått ut til heile landet.
- 16** Så seier Herren over hærskarane: Høyr ikkje på orda til dei profetane som profeterer for dykk! Dei gjer dykk tomme, dei fortel om syn frå eige hjarte og ikkje frå Herrens munn.
- 17** Dei seier til dei som foraktar meg: «Herren seier: De skal ha fred», og til alle som følgjer sitt eigenrådige hjarte: «Ikkje noko vondt skal koma over dykk.»
- 18** Men kven har vore med i Herrens råd og sett og høyrte hans ord? Kven lytta til hans ord og lydte det?
- 19** Sjå, Herrens storm, hans harme, bryt ut! Stormen kvervlar over hovuda på dei urettferdige.
- 20** Herrens vreide legg seg ikkje før han har sett i verk og fullført planane i sitt hjarte. I dagar som kjem, skal de forstå fullt ut.
- 21** Eg har ikkje sendt profetane, men dei spring, eg har ikkje tala til dei, men dei profeterer.

<sup>22</sup>Om dei hadde vore med i mitt råd, kunne dei ha late folket mitt få høyra mine ord og fått dei til å venda om frå sine vonde vegar og gjerningar.

<sup>23</sup>Er eg ein gud som er nær, seier Herren, og ikkje ein gud langt borte?

<sup>24</sup>Kan nokon gøyma seg på hemmelege stader så eg ikkje ser han? seier Herren. Fyller ikkje eg både himmel og jord? seier Herren.

<sup>25</sup>Eg har høyrte kva dei seier, dei profetane som profeterer løgn i mitt namn: «Eg har drøymt, eg har drøymt.»

<sup>26</sup>Kor lenge har profetane tenkt å profetera løgn, svik frå sitt eige hjarte?

<sup>27</sup>Med draumane som dei fortel kvarandre, har dei tenkt å få folket mitt til å gløyma mitt namn, slik fedrane deira gløymde mitt namn for Baal.

<sup>28</sup>Den profeten som har ein draum, skal fortelja draumen, men den som har mitt ord, skal tala mitt ord i sanning. Kva har halmen til felles med kornet? seier Herren.

<sup>29</sup>Er ikkje mitt ord lik ein eld, seier Herren, lik ei sleggje som knuser berg?

<sup>30</sup>Difor, sjå, eg kjem over profetane, seier Herren, dei som stel orda mine frå kvarandre.

<sup>31</sup>Sjå, eg kjem over profetane, seier Herren, dei som får tunga på glid og forkynner profetord.

<sup>32</sup>Sjå, eg kjem over dei som profeterer løgndraumar, seier Herren. Dei fortel dei og fører folket mitt vill med løgner og skryt. Eg har ikkje sendt dei eller gjeve dei noko påbod, og dei er ikkje til noka hjelp for dette folket, seier Herren.

### Herrens bodskap og bør

<sup>33</sup>Når dette folket eller ein profet eller ein prest spør deg: «Kva er den tunge bodskapen frå Herren?» skal du svara dei: «Kva den tunge bora er? Det er de, eg skal kasta dykk av!» seier Herren.

<sup>34</sup>Om presten, profeten eller folket seier «den tunge bodskapen frå Herren», då krev eg den mannen og huset hans til rekneskap.

<sup>35</sup>Slik skal de seia, kvar til sin neste og sin bror: «Kva svarar Herren?» eller «Kva seier Herren?»

<sup>36</sup>Men «den tunge bodskapen frå Herren» skal de aldri nemna meir, for det ordet blir ei tung bør for den som seier det. Då forvrengr de ordet frå den levande Gud, Herren over hærskarane, vår Gud.

<sup>37</sup>Dette skal du seia til profeten: «Kva svarar Herren deg?» eller «Kva seier Herren?»

<sup>38</sup>Men om de seier «den tunge bodskapen frå Herren», seier Herren: De bruker seiemåten «den tunge bodskapen frå Herren» endå eg har sendt bod og sagt at de ikkje må tala slik.

<sup>39</sup>Sjå, difor lyfter eg dykk opp og kastar dykk frå meg, både dykk og den byen eg gav dykk og fedrane dykkar.

<sup>40</sup> Eg legg på dykk evig spott og evig vanære som aldri skal gløymast.

## Jeremia 24

### Dei to korgene med fiken

<sup>1</sup> Herren synte meg: Sjå, to korger med fiken var stilte opp framfor Herrens tempel. Det var etter at kong Nebukadnesar av Babel hadde drive Juda-kongen Jekonja, son til Jojakim, i eksil frå Jerusalem saman med stormennene i Juda, handverkarane og smedane, og ført dei til Babel.

<sup>2</sup>I den eine korga var det fikenar av beste slag, like gode som forsommarfikenar. I den andre korga var det fikenar av dårlegaste slag, så dårlege at dei ikkje kunne etast.

<sup>3</sup>Herren sa til meg: «Kva ser du, Jeremia?» Eg svara: «Fikenar. Dei gode fikenane er av beste slag, og dei dårlege er av dårlegaste slag, så dårlege at dei ikkje kan etast.»

<sup>4</sup>Då kom Herrens ord til meg:

<sup>5</sup> Så seier Herren, Israels Gud: Slik du ser på desse gode fikenane, ser eg med godvilje på judearane i eksil, dei som eg sende frå denne staden til kaldearlandet.

<sup>6</sup> Når eg vender auga mot dei til det gode, fører eg dei tilbake til dette landet. Eg skal byggja dei opp og ikkje knusa, planta dei og ikkje rykkja opp.

<sup>7</sup> Eg gjev dei eit hjarte til å kjenna meg, for eg er Herren. Dei skal vera mitt folk, og eg skal vera deira Gud når dei vender om til meg av heile sitt hjarte.

<sup>8</sup> Men slik ein gjer med dårlege fikenar, så dårlege at dei ikkje kan etast, seier Herren, slik vil eg gjera med Juda-kongen Sidkia og stormennene hans og resten av Jerusalem, både dei som er att her i landet, og dei som no bur i Egypt.

<sup>9</sup> Eg gjer dei til ei redsle og ei ulukke for alle rike på jord, til ei vanære og eit ordtak, til eit spottord og ei forbanning på alle dei stader eg driv dei bort til.

<sup>10</sup> Eg sender sverd og svolt og pest mot dei til dei blir utrydda frå den jorda eg gav dei og fedrane deira.

## Jeremia 25

### Slavar for kongen av Babel

<sup>1</sup> Dette ordet kom til Jeremia om heile folket i Juda i det fjerde året Jojakim, son til Josjia, var konge i Juda, det vil seia det første året Nebukadnesar var konge i Babel,

<sup>2</sup> og profeten Jeremia sa det til heile folket i Juda og alle som budde i Jerusalem:

<sup>3</sup> Frå det trettande året Josjia, son til Amon, var konge i Juda og til denne dag, i tjuetre år, har Herrens ord kome til meg. Seint og tidleg har eg tala til dykk, men de ville ikkje høyra.

<sup>4</sup> Seint og tidleg sende Herren alle sine tenarar, profetane, til dykk, men de ville ikkje høyra. De vende ikkje øyra til for å høyra når

<sup>5</sup> dei sa: Vend om, kvar frå sin vonde veg og sine vonde gjerningar, så skal de til alle tider få bu på den jord som Herren gav dykk og fedrane dykkar.

<sup>6</sup> De skal ikkje følgja andre gudar, ikkje tena dei og ikkje tilbe dei. De skal ikkje gjera meg rasande med det dykkar eigne hender har laga. Då skal eg ikkje skada dykk.

<sup>7</sup> Men de ville ikkje høyra på meg, seier Herren. De gjorde meg rasande med det dykkar eigne hender har laga, til skade for dykk sjølve.

<sup>8</sup> Difor seier Herren over hærskarane: Fordi de ikkje høyrde på mine ord,

<sup>9</sup> sender eg no bod og hentar alle slektene i nord, seier Herren, og kong Nebukadnesar av Babel, tenaren min. Eg lèt dei koma over dette landet og alle som bur i det, og over alle folkeslaga ikring. Eg slår dei med bann og utslettar dei, eg legg dei aude, gjer dei til spott og til evige ruinar.

<sup>10</sup> Hos dei gjer eg ende på lyden av jubel og glede, røysta til brudgom og brur, lyden av handkvern og lyset frå lamper.

<sup>11</sup> Heile dette landet skal bli til ruin og ørken, og desse folkeslaga skal gjera slavearbeid for kongen av Babel i sytti år.

<sup>12</sup> Så, når sytti år er gått, vil eg straffa kongen av Babel og heile folket der for deira synd, seier Herren, og eg vil straffa kaldearlandet; eg gjer det til ein ørken for alltid.

<sup>13</sup> Alt eg har sagt om dette landet, lèt eg koma over det, alt som er skrive i denne boka, og som Jeremia har forkynt mot alle folkeslaga,

<sup>14</sup> for dei òg må gjera slavearbeid for mektige folkeslag og store kongar. Slik løner eg dei for gjerningane deira og for deira henders verk.

#### **Vreidevinen**

<sup>15</sup> Dette sa Herren, Israels Gud, til meg: Ta dette begeret med vreidevin frå mi hand og skjenk av det til dei folkeslaga eg sender deg til.

<sup>16</sup> Dei skal drikka og raga og rasa fordi eg sender sverd mellom dei.

<sup>17</sup>Då tok eg begeret frå Herrens hand og skjenkte til alle folkeslaga han sende meg til:

<sup>18</sup>Jerusalem og byane i Juda, kongane og stormennene der, så dei skulle bli til ruin og øydemark, til spott og forbanning, slik det er i dag;

<sup>19</sup>farao, kongen i Egypt, tenarane og stormennene hans og heile folket hans,  
<sup>20</sup> og alt blandingsfolket; alle kongane i Us, alle kongane i filistarlandet, Asjkalon, Gaza, Ekron og dei som er att i Asjdod;

<sup>21</sup>Edom, Moab og Ammon,

<sup>22</sup>alle kongane i Tyros og Sidon og kongane frå fjerne kystar på andre sida av havet;

<sup>23</sup> Dedan, Tema og Bus og alle som har kortklipt hår ved tinningen;

<sup>24</sup>alle arabarkongane og alle kongane over blandingsfolka som bur i ørkenen;

<sup>25</sup> alle kongane i Simri, Elam og Media;

<sup>26</sup> alle kongane i nord, både nære og fjerne, den eine etter den andre, ja, alle kongerika som finst utover jorda. Til sist skal òg kongen i Sjesjak drikka.

<sup>27</sup> Du skal seia til dei: Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Drikk til de blir fulle og spyr! De skal falla for sverdet eg sender imellom dykk og ikkje reisa dykk att.

<sup>28</sup>Men om dei nektar å ta begeret frå di hand og drikka, skal du seia til dei: Så seier Herren over hærskarane: Drikka skal de!

<sup>29</sup> Sjå, først sender eg ulukke over byen som namnet mitt er nemnt over. Og så skulle de sleppa straff! Nei, de skal ikkje sleppa. For eg kallar på sverdet og sender det mot alle som bur på jorda, seier Herren over hærskarane.

#### **Høyr korleis gjetarane skrik**

<sup>30</sup> Du skal profetera for dei med alle desse orda. Du skal seia til dei: Herren skal brøla frå det høge, la røysta ljoma frå sin heilage bustad. Han brøler over si beitemark, ropar lik folk som trakkar druer, til alle som bur på jorda.



<sup>31</sup> Lyden når til enden av jorda. For Herren fører sak mot folka, alt som lever, stemner han for retten, dei lovause gjev han over til sverdet, seier Herren.

<sup>32</sup> Så seier Herren over hærskarane: Ei ulukke skal spreia seg frå folkeslag til folkeslag. Ein sterk storm bryt laus frå ytste enden av jorda.

<sup>33</sup> Den dagen skal det liggja menneske som Herren har drepe, frå den eine enden av jorda og til den andre. Dei får inga sørgjehøgtid, dei skal ikkje bli samla eller gravlagde, dei skal bli til gjødsel på jorda.

<sup>34</sup> Klag og skrik, de gjetarar, velt dykk i støvet, de herrar over flokken! For no er tida komen då de skal slaktast. De skal spreiaast og falla som kostesame kar.

<sup>35</sup> Gjetarane klarer ikkje å flykta, det er inga berging for dei som er herrar over flokken.

<sup>36</sup> Høyr korleis gjetarane skrik og herrane over flokken klagar! For Herren herjar beita deira,

<sup>37</sup> fredelege beitemarker ligg aude fordi Herren er brennande vreid.

<sup>38</sup> Som ungløva har han forlate si gøymsle. For landet dykkar blir lagt audt av det herjande sverdet og av hans brennande vreide.

## Jeremia 26

### Tempeltalen

<sup>1</sup> I byrjinga av regjeringstida til Juda-kongen Jojakim, son til Josjia, kom dette ordet frå Herren:

<sup>2</sup> Så seier Herren: Still deg i føregarden til Herrens hus og tal til alle byane i Juda som kjem for å tilbe i Herrens hus. Du skal seia alle dei orda eg byd deg å seia til dei, og ikkje trekkja frå eit einaste ord!

<sup>3</sup> Kanskje dei då ville høyra og venda om frå sine vonde vegar. Då vil eg angra det vonde som eg hadde tenkt å gjera mot dei på grunn av dei vonde gjerningane deira.

<sup>4</sup> Du skal seia til dei: Så seier Herren: Dersom de ikkje vil lyda meg og følgja den lova eg har lagt fram for dykk,

<sup>5</sup> og høyra på orda til tenarane mine, profetane som eg har sendt dykk seint og tidleg, endå de ikkje vil høyra,

<sup>6</sup> så skal eg gjera med dette huset som med Sjilo, og denne byen skal eg gjera til forbanning for alle folkeslag på jord.

<sup>7</sup> Prestane og profetane og alt folket høyrde Jeremia seia desse orda i Herrens hus.

<sup>8</sup> Og då Jeremia hadde sagt til folket alt det Herren hadde påbode han å seia, greip prestane og profetane og alt folket han og sa: «Du skal døy!

<sup>9</sup> Kvifor har du profetert i Herrens namn og sagt: Det skal gå med dette huset som med Sjilo, og denne byen skal leggjast i ruin så ingen kan bu her?» Og alt folket samla seg ikring Jeremia i Herrens hus.

<sup>10</sup> Då leiarane i Juda fekk høyra om dette, kom dei opp frå kongens slott til Herrens hus og sette seg attmed inngangen til den nye porten.

<sup>11</sup> Prestane og profetane sa til leiarane og til alt folket: «Denne mannen må dømmast til døden, for han har profetert mot byen vår, slik de har høyrte det med egne øyre.»

<sup>12</sup> Men Jeremia sa til alle leiarane og til alt folket: «Herren har sendt meg for å profetera mot dette huset og denne byen med alle dei ord de har høyrte.

<sup>13</sup> Og no, gjer vegane og gjerningane dykkar gode og lyd Herrendykkar Gud. Då vil Herren angra det vonde han har truga dykk med.

<sup>14</sup> Men eg, sjå, eg er i dykkar hender. Gjer med meg slik det er rett og godt i dykkar auge.

<sup>15</sup> Men det skal de vita at om de drep meg, fører de uskuldig blod både over dykk sjølve og over denne byen og dei som bur der. For Herren har sanneleg sendt meg til dykk så eg skulle seia alle desse orda medan de høyrde på.»

<sup>16</sup> Då sa leiarane og alt folket til prestane og profetane: «Denne mannen må ikkje dømmast til døden, for han har tala til oss i Herren vår Guds namn.»

<sup>17</sup> Og nokre av dei eldste i landet stod opp og sa til alt folket som var samla:

<sup>18</sup> «Mika frå Moresjet, som profeterte i dei dagane då Hiskia var konge i Juda, sa til alt folket i Juda: Så seier Herren over hærskarane: Sion skal pløyast til åker, Jerusalem skal bli til ruin og tempelberget til haugar dekte av skog.

<sup>19</sup>Men drap Juda-kongen Hiskia og alt folket i Juda han for det? Nei, kongen frykta Herren og bad om velvilje for hans andlet. Då angra Herrendet vonde han hadde truga dei med. Skal då vi gjera så mykje vondt mot oss sjølve?»

<sup>20</sup>Det var òg ein annan mann som profeterte i Herrens namn, Uria, son til Sjemaja, frå Kirjat-Jearim. Han profeterte mot denne byen og dette landet på same måten som Jeremia.

<sup>21</sup>Då kong Jojakim og alle krigarane og leiarane hans hørde det han sa, prøvde kongen å drepa han. Men Uria fekk nyss om det og vart redd. Han rømde og kom til Egypt.

<sup>22</sup>Då sende kong Jojakim nokre menn til Egypt, Elnatan, Akbors son, og nokre andre saman med han.

<sup>23</sup>Dei tok Uria med seg frå Egypt og førte han til kong Jojakim, som hogg han ned med sverd. Og liket hans vart kasta mellom gravene til vanlege folk.

<sup>24</sup> Men Ahikam, Sjafans son, heldt si hand over Jeremia, så han ikkje kom i hendene på folket og vart drepen.

## Jeremia 27

### Åket til kongen av Babel

<sup>1</sup> I byrjinga av regjeringstida til Juda-kongen Jojakim, son til Josjia, kom dette ordet til Jeremia frå Herren:

<sup>2</sup> Dette sa Herren til meg: Lag deg reip og åk og legg over nakken.

<sup>3</sup> Send dei til kongane i Edom, Moab, Ammon, Tyros og Sidon med dei sendemennene som er komne til Juda-kongen Sidkia i Jerusalem,

<sup>4</sup> og byd dei å seia til herrane sine: Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Dette skal de seia til herrane dykkar:

<sup>5</sup>Det er eg som har laga jorda og menneska og dyra som lever på jorda, med mi store kraft og min utstrekke arm. Eg kan gje det til den eg synest er den rette.

<sup>6</sup>Og no gjev eg alle desse landa over til kong Nebukadnesar av Babel, tenaren min. Sjølv dei ville dyra gjev eg han for at dei skal tena han.

<sup>7</sup>Alle folkeslag skal vera slavar for han og for son og soneson hans, heilt til tida kjem også for hans eige land. Då skal mange folkeslag og store kongar gjera han til slave.

<sup>8</sup>Om eit folkeslag eller kongerike ikkje vil tena kong Nebukadnesar av Babel og ikkje vil bøya nakken under åket til kongen av Babel, så skal eg straffa det folket med sverd og svolt og pest, seier Herren, heilt til eg får gjort ende på dei ved hans hand.

<sup>9</sup>De skal ikkje høyra på profetane, spåmennene, drøymarane, teikntydarane og trollmennene dykkar når dei seier: «De skal ikkje bli slavar for kongen av Babel.»

<sup>10</sup>Dei profeterer løgn for å få dykk vekk frå dykkar eiga jord. Eg skal driva dykk bort, og de skal gå til grunne.

<sup>11</sup>Men det folkeslaget som bøyer nakken under åket til kongen av Babel og tener han, det lèt eg vera i ro på si eiga jord, seier Herren, dei skal få dyrka henne og bu der.

<sup>12</sup>Til Juda-kongen Sidkia sa eg det same: Bøy nakken under åket til kongen av Babel og ten han og folket hans, så skal de få leva.

<sup>13</sup>Kvifor vil du og folket ditt døy for sverd og svolt og pest, det Herren har truga kvart folkeslag med som ikkje vil tena kongen av Babel?

<sup>14</sup>Høyr ikkje på profetane som seier til dykk: «De kjem ikkje til å bli slavar for kongen av Babel.» For dei profeterer løgn for dykk.

<sup>15</sup> Og eg har ikkje sendt dei, seier Herren. Dei profeterer løgn i mitt namn, så eg skal driva dykk bort og de skal gå til grunne saman med profetane som profeterer for dykk.

<sup>16</sup> Til prestane og heile dette folket sa eg: Så seier Herren: Høyr ikkje på profetane når dei profeterer for dykk og seier: «Sjå, utstyret frå Herrenshus skal no snart førast tilbake frå Babel.» For dei profeterer løgn.

<sup>17</sup>Høyr ikkje på dei, ten kongen av Babel, så skal de få leva. Kvifor skal denne byen bli til ruin?

<sup>18</sup>Men om dei no er profetar, om Herrens ord er hos dei, så lat dei be inderleg til Herren over hærskarane om at det utstyret som enno er att i Herrens hus, i Juda-kongens slott og i Jerusalem, ikkje må koma til Babel.

<sup>19</sup> For så seier Herren over hærskarane om søylene, bronsehavet, vognstativa og dei andre tinga som er att i denne byen,

<sup>20</sup> og som kong Nebukadnesar av Babel ikkje tok med seg då han førte Juda-kongen Jekonja, son til Jojakim, i eksil frå Jerusalem til Babel saman med alle stormennene i Juda og Jerusalem,

<sup>21</sup>for så seier Herren over hærskarane, Israels Gud, om dei tinga som er att i Herrens hus, i Juda-kongens slott og i Jerusalem:

<sup>22</sup> Til Babel skal dei førast, og der skal dei vera heilt til den dag eg tek meg av dei, seier Herren. Då skal eg henta dei og føra dei tilbake til denne staden.

## Jeremia 28

### Jeremia og Hananja

<sup>1</sup>Det var i det same året, i byrjinga av regjeringstida til Juda-kongen Sidkia, i den femte månaden i det fjerde året. I Herrens hus, framfor auga på prestane og alt folket, sa Hananja, profeten frå Gibeon som var son til Assur, til meg:

<sup>2</sup>«Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Eg bryt åket til kongen av Babel.

<sup>3</sup>Før to år er gått, fører eg tilbake til denne staden alt utstyr frå Herrens hus som Babel-kongen Nebukadnesar tok med seg herifrå og til Babel.

<sup>4</sup>Og Juda-kongen Jekonja, son til Jojakim, og dei frå Juda som kom i eksil til Babel, skal eg føra tilbake til denne staden, seier Herren, for eg bryt åket til kongen av Babel.»

<sup>5</sup>Då svara profeten Jeremia profeten Hananja framfor auga på prestane og alt folket som stod i Herrens hus.

<sup>6</sup>Profeten Jeremia sa: «Amen! Måtte Herren gjera slik! Måtte Herren oppfylle orda du profeterer og føra utstyret frå Herrens hus og alle som er i eksil, tilbake frå Babel til denne staden.

<sup>7</sup>Høyr berre dette ordet som eg seier medan du og heile folket høyrer på:

<sup>8</sup>Dei profetane som var i gamle dagar, før deg og meg, profeterte krig og ulukke og pest for mektige land og store rike.

<sup>9</sup>Når ein profet profeterer fred, må ordet til profeten gå i oppfylling for at ein skal vita at han verkeleg er ein profet send av Herren.»

<sup>10</sup> Då tok profeten Hananja åket av nakken på profeten Jeremia og braut det sund.

<sup>11</sup>Og framfor auga på alt folket sa Hananja: «Så seier Herren: Slik vil eg, før to år er gått, bryta åket til kong Nebukadnesar av Babel, det som ligg over nakken på alle folkeslag.» Då gjekk profeten Jeremia sin veg.

<sup>12</sup>Men etter at profeten Hananja hadde teke åket av nakken på profeten Jeremia og brote det sund, kom Herrens ord til Jeremia:

<sup>13</sup> «Gå og sei til Hananja: Så seier Herren: Du har brote sund eit åk av tre. Men du skal laga åk av jern i staden.

<sup>14</sup> For så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Eit åk av jern legg eg over nakken på alle desse folkeslaga, for at dei skal tena kong Nebukadnesar av Babel og vera slavar under han. Sjølv dei ville dyra gjev eg over til han.»

<sup>15</sup> Då sa profeten Jeremia til profeten Hananja: «Høyr, Hananja! Herren har ikkje sendt deg, men du har fått dette folket til å lita på løgn.

<sup>16</sup> Difor seier Herren: Sjå, no sender eg deg bort frå jorda! I år skal du døy, for du forkynte fråfall frå Herren.»

<sup>17</sup> Profeten Hananja døydde same året, i den sjuande månaden.

## Jeremia 29

### Brevet til dei bortførte i Babel

<sup>1</sup> Dette er orda i brevet profeten Jeremia sende frå Jerusalem til dei eldste som var att i eksil, og til prestane og profetane og alt det folket som Nebukadnesar hadde ført i eksil frå Jerusalem til Babel;

<sup>2</sup> det var etter at kong Jekonja hadde fare bort frå Jerusalem saman med kongsmora og hoffmennene og leiarane i Juda og Jerusalem og handverkarane og smedane.

<sup>3</sup> Han sende brevet med Elasa, son til Sjafan, og Gemarja, son til Hilkia, som Juda-kongen Sidkia sende til Babel-kongen Nebukadnesar i Babel:

<sup>4</sup> Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud, til alle som eg har ført i eksil frå Jerusalem til Babel:

<sup>5</sup> Bygg dykk hus og bu i dei, planta dykk hagar og et frukta!

<sup>6</sup> Ta dykk koner og få søner og døtrer! Ta koner til sønene dykkar og gift bort døtrene dykkar, så dei kan få søner og døtrer. Der skal de bli fleire og ikkje færre.

<sup>7</sup> De skal fremja fred for den byen eg har ført dykk til i eksil, og de skal be til Herren for han! For når han har fred, har de òg fred.

<sup>8</sup> Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Lat dykk ikkje narra av profetane og spåmennene som er hos dykk, og høyr ikkje på draumane de drøymer!

<sup>9</sup> For dei profeterer løgn for dykk i mitt namn. Eg har ikkje sendt dei, seier Herren.

- 10** Så seier Herren: Når sytti år er gått for Babel, skal eg sjå til dykk. Då skal eg oppfylla min gode lovnad for dykk og føra dykk tilbake til denne staden.
- 11** For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk framtid og von.
- 12** Når de kallar på meg og kjem for å be til meg, vil eg høyra på dykk.
- 13** De skal søkja meg, og de skal finna meg. Når de søker meg av eit heilt hjarte,
- 14** lèt eg dykk finna meg, seier Herren. Så vil eg venda lagnaden for dykk og samla dykk frå alle dei folkeslag og stader som eg har drive dykk bort til, seier Herren. Eg skal føra dykk til den staden eg førte dykk bort frå i eksil.
- 15** Men de seier: «Herren har reist opp profetar mellom oss i Babel.»
- 16** Så seier Herren om kongen som sit på Davids trone, og om alt folket som bur i denne byen, brørne dykkar som ikkje gjekk i eksil saman med dykk,
- 17** så seier Herren over hærskarane: Sjå, eg sender sverd og svolt og pest imot dei og gjer dei lik sprokne fikenar som er så dårlege at dei ikkje kan etast.
- 18** Eg forfølgjer dei med sverd og svolt og pest og gjer dei til ei redsle for alle rike på jord, til forbanning og gru, spott og vanære mellom alle dei folkeslag og har drive dei bort til.
- 19** For dei ville ikkje lyda mine ord, seier Herren, endå eg sende tenarane mine, profetane, til dei seint og tidleg. Men de ville ikkje høyra, seier Herren.
- 20** Men høyr no Herrens ord, alle de som eg har sendt frå Jerusalem til eksil i Babel!
- 21** Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud, om Ahab, son til Kolaja, og om Sidkia, son til Maaseja, som profeterer løgn for dykk i mitt namn: Sjå, eg gjev dei over i hendene på Nebukadnesar, kongen av Babel. Han skal drepa dei framfor auga på dykk.



<sup>22</sup> Dei skal bli brukte som forbanning mellom alle frå Juda som er i eksil i Babel: «Måtte Herren gjera deg lik Sidkia og Ahab, som kongen av Babel steikte på bålet!»

<sup>23</sup> For dei gjorde skammelege gjerningar i Israel, braut ekteskapet med konene til kvarandre og tala usanne ord i mitt namn. Det hadde eg ikkje pålagt dei. Eg er han som veit det og kan vitna om det, seier Herren.

<sup>24</sup>Til Sjemaja frå Nehlam skal du seia:

<sup>25</sup>Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: I ditt eige namn har du sendt brev til alt folket i Jerusalem, til presten Sefanja, son til Maaseja, og til alle dei andre prestane om at

<sup>26</sup>Herren har sett deg til prest etter Jojada, så det kan vera tilsynsmenn i Herrens hus for alle desse som er frå vitet og driv og profeterer; du skal setja dei i gapestokk og halsjern.

<sup>27</sup>No, kvifor trugar du ikkje Jeremia frå Anatot, han som driv og profeterer for dykk?

<sup>28</sup>For no har han sendt brev til oss i Babel og sagt: «Det kjem til å vara lenge. Bygg dykk hus og bu i dei, planta dykk hagar og et frukta!»

<sup>29</sup>Dette brevet las presten Sefanja opp medan profeten Jeremia hørde på.

<sup>30</sup>Då kom Herrens ord til Jeremia:

<sup>31</sup> Send bod til alle dei som er i eksil: Så seier Herren om Sjemaja frå Nehlam: Sjemaja har profetert for dykk utan at eg har sendt han, og han har fått dykk til å stola på løgn.

<sup>32</sup>Difor seier Herren: Sjå, eg vil straffa Sjemaja frå Nehlam og hans ætt. Ingen av ætta hans skal få bu mellom dette folket og sjå kor mykje godt eg gjer mot folket mitt, seier Herren. For han har forkynt fråfall frå Herren.

## Jeremia 30

### Israel skal koma att

<sup>1</sup>Dette ordet kom til Jeremia frå Herren:

<sup>2</sup> Så seier Herren, Israels Gud: Skriv opp i ein bokrull alle dei orda eg har tala til deg!

<sup>3</sup> For sjå, dagar skal koma, seier Herren, då eg vender lagnaden for mitt folk Israel og Juda, seier Herren, og fører dei heim att til det landet eg gav fedrane deira, så dei kan eiga det.

<sup>4</sup> Dette er orda som Herren har tala om Israel og Juda:

<sup>5</sup> Så seier Herren: Vi høyrer eit rop av redsle, det er frykt, ingen fred.

<sup>6</sup> Berre spør deg føre og sjå! Kan ein mann føda born? Kvifor ser eg då at alle menn held hendene på hoftene som fødande kvinner, kvifor er kvart andlet vridd og bleikt?

<sup>7</sup> Ve! Stor er denne dagen, han har ikkje sin like. Det er ei trengselstid for Jakob, men han skal koma frelst igjennom.

<sup>8</sup> Den dagen, seier Herren over hærskarane, skal eg bryta åket på nakken din og slita lenkjene dine sund. Dei skal ikkje lenger vera slavar for framande,

<sup>9</sup> men dei skal tena Herren sin Gud og David, kongen sin, som eg vil reisa opp for dei.

<sup>10</sup> Ver ikkje redd, du Jakob, min tenar, seier Herren, mist ikkje motet, Israel! For sjå, eg bergar deg frå fjerne stader og ætta di frå landet der ho er fanga. Jakob skal venda attende og leva roleg og trygt, og ingen skal skremma han.

<sup>11</sup> For eg er med deg, seier Herren, og vil frelsa deg. Eg gjer ende på alle folkeslaga som eg har spreidd deg imellom, men deg gjer eg ikkje ende på. Eg tuktar deg med rette og lèt deg ikkje sleppa straff.

<sup>12</sup> For så seier Herren: Uboteleg er brotet ditt, ulækjande er slaget.

<sup>13</sup> Ingen fører saka di. Det finst ikkje lækjemiddel som får såret ditt til å gro.

<sup>14</sup> Alle elskarane dine har gløymt deg, dei spør ikkje lenger etter deg. Som ein fiende har eg slege deg, og nådelaust har eg tukta deg, for skulda di var stor og syndene dine mange.

<sup>15</sup>Kvifor skrik du om brotet ditt, om di ubotelege smerte? Fordi skulda di er stor og syndene dine mange, har eg gjort dette mot deg.

<sup>16</sup>Difor skal alle som slukte deg, sjølve bli slukte, alle motstandarane dine skal takast til fange. Og dei som plyndra deg, skal sjølve bli plyndra; alle som rana deg, gjev eg til rov.

<sup>17</sup>Eg lèt såra dine gro og lækjer slaga du fekk, seier Herren, du som vart kalla Ho som er driven bort, Sion, som ingen spør etter.

<sup>18</sup>Så seier Herren: Sjå, eg vil venda lagnaden til Jakobs telt og visa miskunn mot hans bustader. Kvar by skal byggjast på sin ruinhaug, kvar borg skal stå på sin rette stad.

<sup>19</sup>Frå dei skal det lyda lovsong og latter. Eg gjer dei fleire, ikkje færre, eg gjev dei ære, dei skal ikkje vanvørdast.

<sup>20</sup>Borna hans skal vera som før, forsamlinga skal stå fast for mitt andlet. Eg vil straffa alle som undertrykkjer dei.

<sup>21</sup>Den fremste i folket skal vera ein av deira eigne, herskaren skal koma frå dei sjølve. Eg lèt han koma og stiga fram for meg. For kven vil elles gje hjartet i pant for å nærma seg meg? seier Herren.

<sup>22</sup>Då skal de vera mitt folk, og eg skal vera dykkar Gud.

<sup>23</sup>Sjå, no bryt harmen ut som eit uvêr frå Herren, ein storm fer av stad og kvervlar mot hovuda til dei urettferdige.

<sup>24</sup>Herrens brennande vrede legg seg ikkje før han har utført og sett i verk planane i sitt hjarte. I komande dagar skal de få innsikt i dette.

## **Jeremia 31**

<sup>1</sup>På den tid, seier Herren, skal eg vera Gud for alle slektene i Israel, og dei skal vera mitt folk.

<sup>2</sup>Så seier Herren: Det folket som slapp unna sverdet, har funne nåde i ørkenen. Israel skal dra av stad og finna ro.

**Endå ein gong vil eg byggja deg**

- <sup>3</sup>Frå det fjerne synte Herren seg for meg: Med evig kjærleik har eg elska deg, jomfru Israel, difor har eg heile tida vist deg miskunn.
- <sup>4</sup>Endå ein gong vil eg byggja deg, du skal byggjast opp att. Endå ein gong skal du pynta deg, ta handtrommene og gå ut i latter og dans.
- <sup>5</sup>Endå ein gong skal du planta vinmarker på fjella i Samaria, og dei som har planta, skal sjølve ta dei i bruk.
- <sup>6</sup>Ja, det kjem ein dag då vaktmenn skal ropa på Efraim-fjellet: Kom, lat oss dra opp til Sion, til Herren vår Gud!
- <sup>7</sup>Så seier Herren: Bryt ut i jubel og glede for Jakob, rop høgt for det fremste av folkeslag! Lat lovsong lyda, og sei: «Herre, frels ditt folk, Israels rest!»
- <sup>8</sup>Sjå, eg fører dei tilbake frå landet i nord, eg samlar dei frå ytste enden av jorda. Mellom dei er både blinde og halte, gravide og fødande kvinner; dei vender attende i store flokkar.
- <sup>9</sup>Dei kjem med gråt, eg leier dei med trøyst. Eg fører dei til rennande bekker, på jamn veg der dei ikkje snublar. For eg er ein far for Israel, og Efraim er min førstefødde son.
- <sup>10</sup>Høyr Herrens ord, de folkeslag! Forkynn det til fjerne kystar og sei: Han som spreidde Israel, skal samla og vakta det som ein gjetar vaktar sin flokk.
- <sup>11</sup>For Herren har fria Jakob ut og kjøpt han fri frå hender som er sterkare enn hans.
- <sup>12</sup>Dei skal koma og jubla på Sion-høgda, stråla av glede over Herrens gode gåver: korn og ny vin og fin olje, sauer og oksar. Sjølve skal dei vera som ein vassrik hage, dei skal ikkje lenger lida naud.
- <sup>13</sup>Då skal jomfrua gleda seg i dansen, unge menn saman med dei gamle. Eg vender sorg til fryd for dei, trøystar og gleder dei som klagar.
- <sup>14</sup>Eg gjev prestane rikeleg med feitt og mettar mitt folk med gode gåver, seier Herren.

**15** Så seier Herren: I Rama høyrest skrik, klagesong og bitter gråt. Rakel græt over borna sine og vil ikkje la seg trøyta. For borna hennar er ikkje meir.

**16** Så seier Herren: Gråt ikkje så høgt, fell ikkje tårer! Du skal få løn for strevet, seier Herren, dei skal venda heim frå fiendeland.

**17** Det er von for etterkomarane dine, seier Herren, borna skal venda heim til sitt eige land.

**18** Eg har høyrte Efraim synast synd på seg sjølv: Du har tukta meg, eg vart tukta som ein utamd kalv. Vend meg om, så eg kan venda heim! For du er Herren min Gud.

**19** Då eg hadde vendt meg bort, angra eg, og då eg fekk innsikt, slo eg meg på låret. Skam og vanære må eg bera for min ungdoms spott.

**20** Er Efraim min dyrebare son, er han mitt kjæraste barn? Kvar gong eg talar imot han, må eg likevel tenkja på han. Difor skjelv mitt indre for han, eg må visa miskunn mot han, seier Herren.

### **Kom heim att**

**21** Reis merkesteinar, set opp vegmerke! Legg nøye merke til den vegen du gjekk! Vend attende, jomfru Israel, attende til desse byane dine!

**22** Kor lenge vil du snu deg hit og dit, du fråfalne dotter? No skaper Herren noko nytt i landet, ei kvinne skal verja ein mann.

**23** Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Endå ein gong skal Juda og byane der seia desse orda når eg vender lagnaden for dei: «Herrenvelsigne deg, du rettferds bustad, du heilage fjell.»

**24** Der skal Juda og alle byane bu saman, både bønder og gjetarar som flakkar ikring med flokken sin.

**25** Eg gjev den slitne rikeleg å drikka og mettar alle som lid naud.

**26** Då vakna eg og såg meg ikring. Søvnem hadde gjort meg godt.

**27** Sjå, dagar skal koma, seier Herren, då eg sår ut menneske og dyr i Israels og Judas hus.

**28** Og slik eg før vakte over dei for å rykkja opp og riva ned, knusa, øydeleggja og skada, slik vil eg no vaka over dei for å byggja og planta, seier Herren.

**29** På den tid skal dei ikkje lenger seia: Fedrane åt sure druer, og borna fekk dårlege tenner.

**30** Men kvar skal døy for si eiga synd. Den som et sure druer, skal sjølv få dårlege tenner.

### **Ei ny pakt**

**31** Sjå, dagar skal koma, seier Herren, då eg gjer ei ny pakt med Israels hus og Judas hus,

**32** ikkje som den pakta eg gjorde med fedrane deira den dagen eg tok dei i handa og førte dei ut frå Egypt; den pakta braut dei, endå eg var herren deira, seier Herren.

**33** Men dette er pakta eg vil gjera med Israels hus i dagar som kjem, seier Herren: Eg legg mi lov i sinnet deira og skriv henne i hjartet deira. Eg skal vera deira Gud, og dei skal vera mitt folk.

**34** Då skal ingen lenger undervisa sin neste og sin bror og seia: «Kjenn Herren!» For dei skal alle kjenna meg, både små og store, seier Herren. For eg vil tilgje skulda deira og ikkje lenger hugsa synda.

**35** Så seier Herren, han som sette sola til å lysa om dagen og baud månen og stjernene å lysa om natta, han som rører opp havet så bølgene drønner, Herren over hærskarane er hans namn:

**36** Lèt eg desse skipnadene vika, seier Herren, då skal òg Israels ætt for alltid halda opp med å vera eit folk for mitt andlet.

**37** Så seier Herren: Om himmelen der oppe kan målast og grunnvollane på jorda der nede granskast, då vil eg òg støyta frå meg heile Israels ætt for alt det dei har gjort, seier Herren.

**38** Sjå, dagar skal koma, seier Herren, då byen skal byggjast opp att for Herren, frå Hananel-tårnet til Hjørneporten.

<sup>39</sup>Målesnora skal gå vidare beint fram til Gareb-haugen og så bøya av til Goa.

<sup>40</sup> Heile dalen med lika og den feite offeroska og alle skråningane ned til Kedron-dalen, til hjørnet ved Hesteporten mot aust, skal vera heilag for Herren. Aldri meir skal byen rivast ned eller knusast.

## Jeremia 32

### Jeremia kjøper jord i Anatot

<sup>1</sup> Dette ordet kom til Jeremia frå Herren i det tiande året Sidkia var konge i Juda; det var det attande året til Nebukadnesar.

<sup>2</sup> Den gongen var Jerusalem kringsett av hæren til kongen av Babel, og profeten Jeremia sat fengsla i vaktgarden på slottet til kongen av Juda.

<sup>3</sup> Kong Sidkia av Juda hadde fengsla han og sagt: «Kvifor profeterer du: Så seier Herren: Sjå, eg gjev denne byen over i hendene på kongen av Babel, og han skal ta han.

<sup>4</sup> Og Sidkia, kongen i Juda, skal ikkje sleppa unna kaldearane, men gjevast over i hendene på kongen av Babel, snakka med han andlet til andlet og sjå han auge i auge.

<sup>5</sup> Han skal føra Sidkia til Babel, og der skal han vera heilt til eg tek meg av han, seier Herren. Når de kjempar mot kaldearane, skal de ikkje lukkast.»

<sup>6</sup> Jeremia sa: Herrens ord kom til meg:

<sup>7</sup> Sjå, no kjem Hanamel, son til onkelen din, Sjallum, til deg og seier: «Kjøp det jordstykket eg har i Anatot. For du har rett til å løysa det inn og kjøpa det.»

<sup>8</sup> Og så kom Hanamel, son til onkelen min, til meg i vaktgarden slik Herren hadde sagt, og sa: «Kjøp det jordstykket eg har i Anatot i Benjamin-landet. For du har odelsretten og innløysingsretten. Du må kjøpa det.» Då skjøna eg at det var eit ord frå Herren.

<sup>9</sup> Så kjøpte eg jordstykket i Anatot av Hanamel, son til onkelen min, og vog opp pengane; det var sytten sjekel sølv.

<sup>10</sup>Eg sette opp eit dokument og forseгла det, fekk vitne til å stadfesta det og vog opp sølv i skålvekt.

<sup>11</sup>Så tok eg skøytet, både den delen som var forseгла, i samsvar med bod og forskrifter, og den som var open.

<sup>12</sup>Eg gav det til Baruk, son til Neria, Mahsejas son, framfor auga på Hanamel, syskenbarnet mitt, og vitna som hadde skrive under på skøytet, og alle dei judearane som heldt til i vaktgarden.

<sup>13</sup>For auga deira påla eg Baruk:

<sup>14</sup>Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Ta desse rullane, dette skøytet, både den delen som er forseгла, og den som er open, og legg dei i ei leirkrukke så dei kan halda seg lenge.

<sup>15</sup>For så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Endå ein gong skal dei kjøpa hus og jorder og vinmarker i dette landet.

<sup>16</sup>Eg bad til Herren etter at eg hadde gjeve skøytet til Baruk, son til Neria:

<sup>17</sup>Å, min Herre og Gud! Sjå, du har skapt himmel og jord med di store kraft og din utstrekke arm. Ingen ting er umogleg for deg.

<sup>18</sup>Du viser trufast kjærleik i tusen slektsledd, men sender straffa for skulda til fedrane i fanget på borna deira. Du store, veldige Gud, Herren over hærskarane er ditt namn,

<sup>19</sup>stor er du i råd og mektig i gjerning. Auga dine ser vegane til menneska, du gjev kvar og ein etter hans vegar og etter frukta av hans gjerningar.

<sup>20</sup>Du gjorde teikn og under i Egypt slik du gjer den dag i dag både i Israel og mellom andre menneske. Du har skapt deg eit namn slik det er i dag.

<sup>21</sup>Du førte ditt folk Israel ut frå Egypt med teikn og under, med sterk hand og utstrekt arm og skremmande kraft,

<sup>22</sup>og du gav dei dette landet som du med eid hadde lova å gje fedrane deira, eit land som fløymer med mjølk og honning.



<sup>23</sup>Og dei kom og tok det i eige. Men dei ville ikkje lyda deg og følgde ikkje di lov. Dei gjorde ikkje noko av alt det du hadde pålagt dei. Så lét du all denne ulukka ramma dei.

<sup>24</sup> Sjø, det har kome vollar rundt byen, så dei kan ta han. Ved sverd og svolt og pest er byen gjeven over i hendene på kaldearane som går til åtak på han. Det du har sagt, har hendt. Du kan sjå det sjølv.

<sup>25</sup>Men du, min Herre og Gud, seier til meg: «Kjøp deg dette jordstykket for pengar og lat vitne stadfesta kjøpet!» – og det medan byen blir gjeven over i hendene på kaldearane.

<sup>26</sup>Då kom Herrens ord til Jeremia:

<sup>27</sup> Sjø, eg, Herren, er Gud for alt som lever. Er noko umogleg for meg?

<sup>28</sup>Difor, seier Herren, gjev eg denne byen i hendene på kaldearane, i hendene på kong Nebukadnesar av Babel, og han skal ta han.

<sup>29</sup> Kaldearane som går til åtak på denne byen, skal koma inn og setja eld på han. Dei skal brenna opp byen og alle husa der folk tende offereld for Baal på taka, auste ut drikkoffer for andre gudar og gjorde meg rasande.

<sup>30</sup>For heilt frå ungdomen av har isrealittane og judearane berre gjort det som vondt er i mine auge. Ja, isrealittane gjer meg stadig rasande med slikt dei lagar med eigne hender, seier Herren.

<sup>31</sup>Denne byen har gjort meg vreid og harm heilt frå den gong dei bygde han og fram til denne dag. Han skal bort frå mitt andlet,

<sup>32</sup> for isrealittane og judearane har gjort så mykje vondt, dei har gjort meg rasande, både dei og kongane og leiarane deira, prestane og profetane deira, mennene i Juda og innbyggjarane i Jerusalem.

<sup>33</sup> Dei snudde ryggen til meg, ikkje andletet, og endå eg lærte dei opp både seint og tidleg, ville dei ikkje høyra på meg og ikkje ta imot lærdom.

<sup>34</sup> Men dei avskyelege gudane sine sette dei opp i huset som mitt namn er nemnt over, så det vart ureint.

<sup>35</sup> Dei bygde offerhaugar for Baal i Ben-Hinnom-dalen for å ofra sønene og døtrene sine til Molok. Det har eg ikkje pålagt dei, det har aldri vore i mine tankar at dei skulle gjera noko så avskyeleg og slik få Juda til å synda.

<sup>36</sup>Difor, no seier Herren, Israels Gud, om denne byen som de seier er gjeven over i hendene på kongen av Babel og til sverd og svolt og pest:

<sup>37</sup> Sjå, eg samlar dei frå alle dei land eg dreiv dei bort til i min store vreide og harme og i mitt sinne, og fører dei tilbake til denne staden og lèt dei bu trygt.

<sup>38</sup> Dei skal vera mitt folk, og eg skal vera deira Gud.

<sup>39</sup>Eg gjev dei eitt hjarte og éin veg for at dei alltid skal frykta meg, til beste for dei sjølve og borna deira etter dei.

<sup>40</sup> Eg gjer ei evig pakt med dei; eg vil ikkje venda meg bort frå dei, men gjera godt mot dei. Eg legg frykt for meg i hjartet deira, så dei ikkje skal vika frå meg.

<sup>41</sup> Eg vil gleda meg over dei og gjera godt imot dei. Av heile mitt hjarte og heile mi sjel skal eg trufast planta dei i dette landet.

<sup>42</sup> For så seier Herren: Slik eg har ført alle desse store ulukkene over folket, slik vil eg òg føra over dei alt det gode eg har lova dei.

<sup>43</sup>Folk skal kjøpa åkrar her i landet, det landet som de seier har vorte ein ørken utan menneske og dyr, eit land gjeve over i hendene på kaldearane.

<sup>44</sup> Dei skal kjøpa åkrar for pengar og skriva skøyte som dei forseglar og får vitne til å stadfesta. Dette skal dei gjera både i Benjamin-landet, i området rundt Jerusalem og i byane i Juda, i fjellandet, i låglandet og i Negev. For eg vender lagnaden for dykk, seier Herren.

## Jeremia 33

### Jerusalem og Juda skal gjenreisast

<sup>1</sup> Herrens ord kom til Jeremia andre gongen medan han enno sat fengsla i vaktgarden:

<sup>2</sup>Så seier Herren, som skapte jorda, Herren, som forma og grunnfeste henne, Herren er hans namn:

<sup>3</sup>Rop på meg, så vil eg svara deg og fortelja deg store, uskjønelege ting som du ikkje kjenner til.

<sup>4</sup>For så seier Herren, Israels Gud, om husa i denne byen og om husa til Judakongen, dei som vart rivne ned for å brukast til vern mot vollar og sverd

<sup>5</sup>då innbyggjarane kom i strid med kaldearane og husa deira vart fylte med lik, den gongen eg slo dei ned i vreide og harme: Eg har vendt andletet bort frå denne byen på grunn av all deira vondskap.

<sup>6</sup>Sjå, eg lèt såra hennar gro og lækjer henne. Så lækjer eg dei og openberrar ein rikdom av fred og tryggleik for dei.

<sup>7</sup>Eg vender lagnaden for Juda og Israel og byggjer dei opp som i den første tid.

<sup>8</sup>Eg reinsar dei for all skuld og tilgjev dei alle syndene og lovbrota dei gjorde mot meg.

<sup>9</sup>Byen skal bli til ære og glede for meg, til pris og pryd mellom alle folkeslag på jord, dei skal høyra om alt det gode eg gjer for dei, og skjelva i ærefrykt for all den lukke og fred eg skaper for dei.

<sup>10</sup> Så seier Herren: De seier at denne staden er aud, utan menneske og dyr, byane i Juda og gatene i Jerusalem er aude, ikkje eitt menneske bur der, ikkje eitt dyr, men endå ein gong skal det høyrast

<sup>11</sup> lyd av fryd og glede, røyst av brudgom og brur, rop frå folk som ber fram takkoffer i Herrens hus og seier: «Takk Herren over hærskarane, for han er god, evig varer hans miskunn!» For eg vil venda lagnaden for landet som i den første tid, seier Herren.

<sup>12</sup>Så seier Herren over hærskarane: På denne staden som er aud, utan menneske og dyr, og i alle byane her ikring skal det på nytt vera beite der gjetarar lèt sauene kvila.

<sup>13</sup>I byane både i fjellandet, i låglandet og i Negev, i Benjamin-landet og i området rundt Jerusalem og i Judas byar skal saueflokkar atter gå fram under handa til han som tel dei, seier Herren.

<sup>14</sup>Sjå, dagar skal koma, seier Herren, då eg oppfyller den gode lovnaden eg gav til Israel og Juda.

<sup>15</sup>I dei dagane og på den tida lèt eg det spira fram ei rettferdig spire for David. Han skal gjera det som er rett og rettferdig i landet.

<sup>16</sup>I dei dagane skal Juda bli frelst og Jerusalem bu trygt. Og dette skal ho heita: «Herren, vår rettferd».

<sup>17</sup>For så seier Herren: David skal aldri mangla ein mann til å sitja på trona i Israels hus.

<sup>18</sup>Og levittprestane skal heller ikkje mangla menn som alltid kan vera for mitt andlet og bera fram brennoffer, brenna grødeoffer og gjera i stand slaktoffer.

<sup>19</sup>Herrens ord kom til Jeremia:

<sup>20</sup>Så seier Herren: Kan de bryta mi pakt med dagen og natta, slik at dag og natt ikkje kjem til rett tid,

<sup>21</sup>då skal òg mi pakt med David, tenaren min, brytast, så han ikkje får nokon son som kan vera konge på trona hans, og pakta med levittprestane som gjer teneste for meg.

<sup>22</sup>Etterkomarane av min tenar David og av levittane som gjer teneste for meg, gjer eg talrike som himmelhæren, som ikkje kan teljast, og sanden ved havet, som ikkje kan målast.

<sup>23</sup>Herrens ord kom til Jeremia:

<sup>24</sup>Har du ikkje sett kva dette folket seier: «Dei to ættene som Herren valde ut, har han støytt frå seg.» Dei vanærar folket mitt fordi dei ikkje lenger ser på det som eit folk.

<sup>25</sup>Så seier Herren: Dersom eg ikkje har gjort pakt med dag og natt og ikkje gjeve skipnader for himmel og jord,

<sup>26</sup> vil eg støyta frå meg etterkomarane til Jakob og tenaren min David og ikkje ta nokon av dei til herskarar over Abrahams, Isaks og Jakobs ætt. Men eg vil venda lagnaden deira og miskunna meg over dei.

## Jeremia 34

### Profeti om Sidkias fangenskap og død

<sup>1</sup> Dette ordet kom til Jeremia frå Herren den gong kong Nebukadnesar av Babel og heile hæren hans og alle kongerike på jord under hans herredøme og alle folk førte krig mot Jerusalem og alle byane hennar:

<sup>2</sup> Så seier Herren, Israels Gud: Gå og sei til kong Sidkia av Juda, du skal seia til han: Så seier Herren: Sjå, no gjev eg denne byen over i hendene på kongen av Babel, og han skal brenna han ned.

<sup>3</sup> Du skal ikkje sleppa unna han, men bli gripen og gjeven over i hans hender. Auga dine må sjå kongen av Babel i auga, og han skal snakka med deg andlet til andlet. Til Babel skal du koma.

<sup>4</sup> Men høyr no Herrens ord, Sidkia, du som er konge i Juda! Så seier Herren om deg: Du skal ikkje døy for sverd,

<sup>5</sup> i fred skal du døy. Og slik dei kveikte eld til ære for fedrane dine som var kongar før deg, skal dei òg kveikja eld til ære for deg. Dei skal halda sorgjehøgtid over deg og ropa: «Å ve, herre!» Dette er ordet eg har tala, seier Herren.

<sup>6</sup> Alt dette tala profeten Jeremia til kong Sidkia av Juda i Jerusalem

<sup>7</sup> medan hæren til kongen av Babel gjekk til åtak på Jerusalem og alle byane som var att i Juda, Lakisj og Aseka. Det var dei einaste festningsbyane som var att i Juda.

### Frigjevingspakta

<sup>8</sup> Dette ordet kom til Jeremia frå Herren etter at kong Sidkia hadde gjort ei pakt med alt folket i Jerusalem om å ropa ut fridom.

<sup>9</sup>Den som hadde ein hebraisk slave, mannleg eller kvinneleg, skulle gje slaven fri; ingen skulle halda ein judeisk landsmann som slave.

<sup>10</sup>Alle leiarane og alt folket som slutta seg til pakta, lydte henne. Dei sette slavane sine fri, menn og kvinner, og heldt dei ikkje lenger som slavar. Dei lydte og lét dei gå.

<sup>11</sup>Men sidan snudde dei om, dei tok tilbake slavane som dei hadde gjeve fri, menn og kvinner, og tvinga dei til slaveri att.

<sup>12</sup>Då kom Herrens ord til Jeremia frå Herren:

<sup>13</sup>Så seier Herren, Israels Gud: Eg gjorde ei pakt med fedrane dykkar den gongen eg førte dei ut frå Egypt, ut frå slavehuset:

<sup>14</sup>«Kvart sjuande år skal kvar og ein av dykk gje fri sin hebraiske landsmann som har måtta selja seg til deg. Seks år skal han tena deg, men så skal du setja han fri og la han gå.» Men fedrane dykkar hørte ikkje på meg og vende ikkje øyret til.

<sup>15</sup>Nyleg vende de om og gjorde det som rett er i mine auge, de ropa ut fridom for nesten og gjorde ei pakt for mitt andlet i det huset som namnet mitt er nemnt over.

<sup>16</sup>Men så snudde de om og vanæra mitt namn, de tok tilbake slavane de hadde gjeve fri, menn og kvinner, og tvinga dei til slaveri att.

<sup>17</sup>Difor seier Herren: Fordi de ikkje ville høyra på meg og ropa ut fridom for neste og bror, skal eg no ropa ut fridom for dykk, seier Herren: fridom til sverd og pest og svolt. Eg skal gjera dykk til redsle for alle rike på jord.

<sup>18</sup>Dei som braut pakta mi og ikkje heldt orda i den pakta dei gjorde for mitt andlet, med dei skal eg gjera som med den kalven dei skar i to så dei kunne gå mellom stykka.

<sup>19</sup>Leiarane i Juda og Jerusalem, hoffmennene og prestane og alt folket i landet som gjekk mellom stykka av kalven,

<sup>20</sup> gjev eg i hendene på fiendar og folk som står dei etter livet. Lika av dei skal bli til føde for fuglane under himmelen og for dyra på marka.

<sup>21</sup> Kong Sidkia av Juda og leiarane hans gjev eg i hendene på fiendar og folk som står dei etter livet, hæren til kongen av Babel, som no har drege bort frå dykk.

<sup>22</sup> Sjå, eg gjev mitt påbod, seier Herren, og fører dei tilbake til denne byen. Dei skal gå til åtak på han, ta han og brenna han opp. Og byane i Juda gjer eg til ørken der ingen kan bu.

## Jeremia 35

### Rekabittane som føredøme

<sup>1</sup> Dette ordet kom til Jeremia frå Herren i dei dagane då Jojakim, son til Josjia, var konge i Juda:

<sup>2</sup> Gå til huset til rekabittane og tal til dei! Ta dei med deg til eit av romma i Herrens hus og gjev dei vin å drikka!

<sup>3</sup> Då tok eg med meg Jaasanja, son til Jeremia, Habasinjas son, brørne hans og alle sønene hans og heile huset til rekabittane.

<sup>4</sup> Eg tok dei med inn i Herrens hus, i rommet til sønene av gudsmannen Hanan, son til Jigdalja. Det låg attmed rommet til leiarane, ovanfor rommet til dørvaktaren Maaseja, son til Sjallum.

<sup>5</sup> Så sette eg fram mugger fulle av vin og drikkebeger for rekabittane. Eg bad dei drikka av vinen.

<sup>6</sup> Men dei svara: Vi drikk ikkje vin. For far vår, Jonadab, son til Rekab, har forbode oss det og sagt: «De skal aldri drikka vin, korkje de eller borna dykkar.

<sup>7</sup> De skal ikkje byggja hus eller så korn og ikkje planta eller eiga vinmarker. I telt skal de bu alle dykkar dagar, så de kan leva lenge i det landet der de er innflyttarar.»

<sup>8</sup>Sidan har vi vore lydige mot alt det far vår Jonadab, son til Rekab, baud oss: I heile vårt liv har vi ikkje drukke vin, korkje vi eller konene våre eller sønene eller døtrene våre.

<sup>9</sup>Vi har ikkje bygd hus til å bu i, og vi har korkje vinmarker, jorder eller såkorn,

<sup>10</sup>men vi bur i telt. Vi har vore lydige og har gjort alt det far vår, Jonadab, baud oss.

<sup>11</sup> Men då kong Nebukadnesar av Babel rykte inn i landet, sa vi: «Kom, lat oss dra til Jerusalem, bort frå hærane til kaldearane og aramearane.» Så no bur vi i Jerusalem.

<sup>12</sup>Då kom Herrens ord til Jeremia:

<sup>13</sup>Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Gå og sei til mennene i Juda og innbyggjarane i Jerusalem: Vil de ikkje ta imot lærdom og høyra på mine ord? seier Herren.

<sup>14</sup>Boda som Jonadab, son til Rekab, påla sønene sine, har dei halde. Dei skulle ikkje drikkja vin. Til denne dag har dei ikkje drukke vin, for dei lydde påbodet frå far sin. Men eg har tala til dykk både seint og tidleg, og de hørde ikkje på meg.

<sup>15</sup> Eg sende alle tenarane mine, profetane, til dykk seint og tidleg og sa: «Vend om, kvar og ein frå sin vonde veg! Gjer gjerningane dykkar gode! De skal ikkje følgja andre gudar og ikkje tena dei! Så skal de få bu i det landet eg gav dykk og fedrane dykkar.» Men de vende ikkje øyret til og ville ikkje høyra på meg.

<sup>16</sup>Sønene til Jonadab, son til Rekab, har halde det ordet som far deira gav dei, men dette folket ville ikkje høyra på meg.

<sup>17</sup> Difor seier Herren, allhærs Gud, Israels Gud: Sjå, eg vil føra over Juda og alle som bur i Jerusalem, alt dette vonde som eg har truga dei med. For dei hørde ikkje då eg tala til dei, og svara ikkje då eg ropa på dei.



<sup>18</sup>Men til huset åt rekabittane sa Jeremia: Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: De lydde ordet frå Jonadab, far dykkar. De heldt alle orda hans og gjorde alt det han baud dykk,

<sup>19</sup>og difor, seier Herren over hærskarane, Israels Gud, skal Jonadab, son til Rekab, aldri mangla menn som står for mitt andlet.

## Jeremia 36

### Bokrullen med profetiane frå Jeremia

<sup>1</sup>Det var i det fjerde året Jojakim, son til Josjia, var konge i Juda, då kom dette ordet til Jeremia frå Herren:

<sup>2</sup>Ta ein bokrull og skriv ned alle dei orda eg har sagt til deg om Israel og om Juda og om alle folkeslag, frå den første dagen eg tala til deg i kong Josjias dagar og fram til i dag.

<sup>3</sup>Når Judas hus får høyra om alt det vonde eg har tenkt å gjera mot dei, vender dei kanskje om frå sine vonde vegar, og då vil eg tilgje dei deira synd og deira skuld.

<sup>4</sup>Då kalla Jeremia til seg Baruk, son til Neria. Jeremia dikterte, og Baruk skreiv opp i ein bokrull alle dei orda som Herren hadde tala til han.

<sup>5</sup>Så gav Jeremia dette påbodet til Baruk: Eg er stengd inne, eg kan ikkje gå til Herrens hus.

<sup>6</sup>Men du skal gå på ein fastedag og lesa opp Herrens ord frå bokrullen du skreiv då eg dikterte. Det skal du gjera i Herrens hus medan folket høyrer på. Alle som kjem inn frå byane i Juda, skal du òg lesa det opp for.

<sup>7</sup>Kanskje dei då vil koma fram for Herren med si bøn og venda om frå sine vonde vegar, for stor er vreiden og harmen som Herren har truga dette folket med.

<sup>8</sup>Og Baruk, son til Neria, gjorde alt det som profeten Jeremia hadde bode han. Han las opp Herrens ord frå rullen i Herrens hus.

### Kongen brenner bokrullen

<sup>9</sup>Det var i det femte året Jojakim, son til Josjia, var konge i Juda, i den niande månaden, at det vart ropa ut faste for Herren. Det gjaldt alt folket i Jerusalem og alle som kom inn til Jerusalem frå byane i Juda.

<sup>10</sup> Då las Baruk opp Jeremias ord frå bokrullen i Herrens hus medan alt folket hørde på. Det var i rommet til riksskrivaren Gemarja, son til Sjafan, i den øvre føregarden, attmed inngangen til den nye porten til Herrens hus.

<sup>11</sup>Då Mika, son til Gemarja, Sjafans son, hørde alle Herrens ord som stod i bokrullen,

<sup>12</sup>gjekk han ned i kongens slott, til riksskrivaren sitt rom. Der sat alle leiarane samla: riksskrivaren Elisjama, Delaja, son til Sjemaja, Elnatan, son til Akbor, Gemarja, son til Sjafan, Sidkia, son til Hananja og alle dei andre leiarane.

<sup>13</sup>Mika fortalde dei kvart ord han hadde høyrte då Baruk las opp frå bokrullen for folket.

<sup>14</sup>Då sende alle leiarane bod til Baruk med Jehudi, son til Netanja, som var son til Sjelemja, Kusjis son: «Ta med deg den bokrullen du las opp frå for folket, og kom hit!» Så tok Baruk, son til Neria, med seg rullen og gjekk inn til dei.

<sup>15</sup>Dei sa til han: «Set deg ned og les høgt for oss!» Og Baruk las for dei.

<sup>16</sup>Då dei hørde alle desse orda, såg dei forfærde på kvarandre og sa til Baruk: «Dette må vi seia frå til kongen om!»

<sup>17</sup>Dei spurde Baruk: «Fortel oss korleis du kom til å skriva ned alt dette. Var det han som dikterte?»

<sup>18</sup>Baruk svara: «Han dikterte alle desse orda til meg, og eg skreiv dei ned i rullen med blekk.»

<sup>19</sup>Då sa leiarane til Baruk: «Gå og gøym dykk, du og Jeremia! Ingen må få vita kvar de er!»

<sup>20</sup>Så gjekk dei inn til kongen i slottsgarden. Bokrullen hadde dei gjeve frå seg i rommet til riksskrivaren Elisjama. Dei fortalde kongen alt saman.

<sup>21</sup>Kongen sende Jehudi for å henta bokrullen, og han henta han frå rommet til riksskrivaren Elisjama, og så las Jehudi han opp for kongen og for alle leiarane som stod kringom han.

<sup>22</sup>Kongen sat i vinterhuset, for det var i den niande månaden, og elden brann i fyrfatet framfor han.

<sup>23</sup>Kvar gong Jehudi hadde lese tre–fire spalter, skar kongen dei av med ein pennekniv og kasta dei på elden i fyrfatet, heilt til heile bokrullen hadde brunne opp.

<sup>24</sup> Men dei vart ikkje slegne av redsle og reiv ikkje sund kleda sine, korkje kongen eller tenarane hans som høyrde alle desse orda.

<sup>25</sup>Elnatan, Delaja og Gemarja bad alt dei kunne om at kongen ikkje skulle brenna opp rullen, men han høyrde ikkje på dei.

<sup>26</sup>Sidan baud kongen at kongssonen Jerahmeel og Seraja, son til Asriel, og Sjelemja, son til Abdeel, skulle setja fast skrivaren Baruk og profeten Jeremia. Men Herren løynde dei.

<sup>27</sup>Herrens ord kom til Jeremia etter at kongen hadde brent opp bokrullen med dei orda Baruk skreiv ned etter kva Jeremia sa:

<sup>28</sup>Ta no ein annan bokrull og skriv i han dei same orda som stod i den første rullen, den som kong Jojakim av Juda brende opp.

<sup>29</sup>Du skal seia til kong Jojakim av Juda: Så seier Herren: Du brende opp denne bokrullen og spurde: «Kvifor skreiv du der at kongen av Babel skal koma og øydeleggja dette landet og utrydda både menneske og dyr?»

<sup>30</sup> Difor seier Herrenom kong Jojakim av Juda: Han skal ikkje ha nokon etterfølgjar på Davids trone. Liket hans skal slengjast bort og liggja der i heten om dagen og i kulden om natta.

<sup>31</sup> Eg skal straffa både han og etterkomarane hans og alle tenarane hans for dei vonde gjerningane dei har gjort. Over dei og innbyggjarane i Jerusalem

og mennene i Juda fører eg alt det vonde som eg har truga dei med, men som dei ikkje ville høyra om.

<sup>32</sup>Så tok Jeremia ein ny bokrull og gav han til skrivaren Baruk, son til Neria. Han skreiv ned i han etter det Jeremia sa, alle dei orda som hadde stått i den rullen kong Jojakim av Juda brende opp, og mange liknande ord i tillegg til dei.

## Jeremia 37

### Jeremia átvarar kong Sidkia

<sup>1</sup>Sidkia, son til Josjia, vart konge etter Konja, son til Jojakim. Kong Nebukadnesar av Babel gjorde han til konge i Juda.

<sup>2</sup>Korkje Sidkia eller tenarane hans eller folket i landet ville høyra på dei orda Herren tala gjennom profeten Jeremia.

<sup>3</sup>Kong Sidkia sende Jehukal, son til Sjelemja, og presten Sefanja, son til Maaseja, til profeten Jeremia for å seia: «Bed for oss til Herren vår Gud!»

<sup>4</sup>På den tid var Jeremia fri til å gå ut og inn mellom folk; dei hadde endå ikkje sett han i fengsel.

<sup>5</sup>No hadde faraos hær drege ut frå Egypt. Kaldearane som kringsette Jerusalem, fekk høyra om det og braut opp frå byen.

<sup>6</sup>Då kom Herrens ord til profeten Jeremia:

<sup>7</sup>Så seier Herren, Israels Gud: Dette skal de seia til Juda-kongen, som har sendt dykk for å spørja meg til råds: Sjå, faraos hær, som har fare ut for å hjelpa dykk, vil venda attende til sitt land, til Egypt.

<sup>8</sup>Og så kjem kaldearane att og går til strid mot denne byen. Dei kjem til å ta han og brenna han.

<sup>9</sup>Så seier Herren: De må ikkje narra dykk sjølve og seia: «Kaldearane dreg sikkert bort frå oss.» For det gjer dei ikkje.

<sup>10</sup>Om de slo heile kaldearhæren som går til strid mot dykk, og det berre var att nokre hardt såra, kom dei til å reisa seg, kvar frå sitt telt, og brenna ned denne byen.

### Jeremia i fengsel

<sup>11</sup>Då kaldearhæren hadde trekt seg tilbake frå Jerusalem på grunn av hæren til farao,

<sup>12</sup>gjekk Jeremia ut av Jerusalem for å gå til Benjamin-landet. Han skulle ordna med ein arv mellom folket der.

<sup>13</sup>Men då han kom til Benjamin-porten, møtte han ein vakthavande offiser som heitte Jeria, son til Sjelemja, Hananjas son. Han greip profeten Jeremia og sa: «Du vil gå over til kaldearane!»

<sup>14</sup>«Det er løgn!» sa Jeremia. «Eg vil ikkje gå over til kaldearane.» Men Jeria hørde ikkje på han. Han tok Jeremia og førte han til leiarane.

<sup>15</sup> Dei vart sinte på Jeremia, dei slo han og førte han som fange til huset til riksskrivaren Jonatan, for det hadde dei gjort om til fengsel.

<sup>16</sup> Slik kom Jeremia i fangeholet i kjellaren, og der vart han sitjande i lang tid.

<sup>17</sup>Kong Sidkia sende så bod og henta han til slottet og spurde han i løynd: «Er det kome noko ord frå Herren?» «Det er det», svara Jeremia. «Du skal gjevast i hendene på kongen av Babel.»

<sup>18</sup>Så sa Jeremia til kong Sidkia: «Kva synd har eg gjort mot deg og tenarane dine og dette folket sidan de har sett meg i fengsel?

<sup>19</sup>Og kvar er no profetane dykkar, dei som profeterte at kongen av Babel ikkje ville gå mot dykk og dette landet?

<sup>20</sup> Høyr no, herre konge! Lat mi bøn koma fram for deg! Send meg ikkje tilbake til riksskrivaren Jonatans hus, og lat meg ikkje døy der!»

<sup>21</sup> Då sa kong Sidkia frå om at dei skulle halda Jeremia i varetekt i vaktgarden. Der fekk han kvar dag brød frå Bakargata, heilt til det var slutt på brød i byen. Og Jeremia vart sitjande der i vaktgarden.

## Jeremia 38

### Jeremia blir kasta i brønnen

<sup>1</sup> Sjefatja, son til Mattan, Gedalja, son til Pasjhur, Jukal, son til Sjelemja, og Pasjhur, son til Malkia, hørde orda som Jeremia tala til alt folket:

<sup>2</sup> Så seier Herren: Den som blir verande her i byen, skal døy for sverd og svolt og pest. Men den som gjev seg over til kaldearane, skal få leva. Han skal få livet sitt som krigsbytte og leva vidare.

<sup>3</sup> Så seier Herren: Denne byen skal gjevast over til hæren til Babel-kongen, som skal ta han.

<sup>4</sup> Leiarane sa til kongen: «Denne mannen må døy, for han tek motet frå dei krigarane som er att her i byen, og frå heile folket, når han talar slike ord til dei. For denne mannen søkjer ikkje fred for dette folket, men ulukke.»

<sup>5</sup> Kong Sidkia svara: «Sjå, han er i dykkar hender. For kongen kan ikkje gjera noko med dykk.»

<sup>6</sup> Då tok dei Jeremia og kasta han i brønnen til kongssonen Malkia i vaktgarden. Dei firte han ned med tau. Det var ikkje vatn i brønnen, men gjørme, og Jeremia sokk ned i gjørma.

<sup>7</sup> Ebed-Melek frå Kusj, ein hoffmann som var på slottet, fekk høyra at dei hadde kasta Jeremia i brønnen. Kongen sat då i Benjamin-porten.

<sup>8</sup> Ebed-Melek gjekk ut or slottet og sa til kongen:

<sup>9</sup> «Herre konge, det er vondt, alt det som desse mennene har gjort mot profeten Jeremia. No har dei kasta han ned i brønnen, og der kjem han til å døy av svolt, for det finst ikkje lenger brød i byen.»

<sup>10</sup> Då sa kongen til kusjitten Ebed-Melek: «Ta med deg tretti mann herifrå og dra profeten Jeremia opp or brønnen før han døyr.»

<sup>11</sup>Ebed-Melek tok mennene med seg og gjekk inn på slottet, til rommet under skattkammeret. Der henta han filler og gamle og utslitne klede og firte dei ned i brønnen til Jeremia med tau.

<sup>12</sup>Så sa kusjitten Ebed-Melek til Jeremia: «Ta desse fillene i armholene og legg taua under armane!» Jeremia gjorde det,

<sup>13</sup> og dei drog han opp med taua og fekk han ut or brønnen. Sidan heldt Jeremia til i vaktgarden.

### Siste samtalen med Sidkia

<sup>14</sup>Kong Sidkia sende bod etter profeten Jeremia og henta han til den tredje inngangen til Herrens hus. Kongen sa til Jeremia: «Eg har noko å spørja deg om. No må du ikkje løyna noko for meg.»

<sup>15</sup>Jeremia sa til Sidkia: «Talar eg rett ut, vil du sikkert drepa meg, og gjev eg deg eit råd, høyrer du ikkje på meg.»

<sup>16</sup>Då svor kong Sidkia i løynd for Jeremia: «Så sant Herren lever, han som har gjeve oss dette livet: Eg vil ikkje la deg døy og ikkje gje deg i hendene på dei mennene som står deg etter livet.»

<sup>17</sup>Då sa Jeremia til Sidkia: «Så seier Herren, allhærs Gud, Israels Gud: Gjev du deg over til Babel-kongens hærførarar, skal du berga livet, og denne byen skal ikkje brennast ned. Både du og ditt hus skal få leva.

<sup>18</sup>Men gjev du deg ikkje over til Babel-kongens leiarar, skal byen gjevast i hendene på kaldearane. Dei skal brenna han, og sjølv skal du ikkje sleppa ut or hendene deira.»

<sup>19</sup>Kong Sidkia sa til Jeremia: «Eg er redd dei judearane som har gått over til kaldearane. Gjev dei meg over i deira hender, kjem dei til å mishandla meg.»

<sup>20</sup>Jeremia svara: «Dei kjem ikkje til å overgje deg. Lyd berre Herrens ord som eg talar til deg, så skal det gå deg godt, og du skal få leva.

<sup>21</sup>Men nektar du å gje deg over, så har Herren synt meg dette:

<sup>22</sup>Sjå, alle kvinnene som var att i slottet til kongen av Juda, vart førte ut til Babel-kongens leiarar. Dei song: Dine vener har leidd deg vill og fått deg i si makt. Dine føter sokk ned i gjørma, dei trekte seg tilbake.

<sup>23</sup>Alle kvinnene dine og borna dine skal førast ut til kaldearane. Sjølv skal du ikkje sleppa ut or hendene på dei, men Babel-kongens hand skal gripa deg, og byen skal brennast ned.»

<sup>24</sup>Sidkia sa til Jeremia: «Ingen må få vita om denne samtalen, elles skal du døy.

<sup>25</sup>Når leiarane får høyra at eg har snakka med deg, kjem dei nok til deg og seier: Fortel oss kva du sa til kongen! Løyn ikkje noko for oss, elles drep vi deg! Kva sa kongen til deg?

<sup>26</sup>Men då skal du svara dei: Eg bar mi bøn fram for kongen om at han ikkje måtte senda meg tilbake til Jonatans hus for å døy der.»

<sup>27</sup>Alle leiarane kom til Jeremia og spurde han ut, og han svara dei heilt og fullt så som kongen hadde sagt. Då lét dei han vera i fred, for ingen hadde høyrte noko.

<sup>28</sup>Sidan heldt Jeremia til i vaktgarden heilt til den dagen då Jerusalem vart teken.

## Jeremia 39

### Jerusalem blir teken

Det var då Jerusalem vart teken.

<sup>1</sup>I det niande året Sidkia var konge i Juda, i den tiande månaden, kom kong Nebukadnesar av Babel til Jerusalem med heile hæren sin og kringsette byen.

<sup>2</sup>I Sidkias ellefte år, på den niande dagen i den fjerde månaden, braut dei gjennom bymuren.

<sup>3</sup>Då kom alle Babel-kongens embetsmenn og tok sete i Midtporten: Nergal Sar-eser av Samgar-Nebu, Sar-sekim Rab-saris, Nergal Sar-eser Rab-mag og alle dei andre embetsmennene til kongen av Babel.



<sup>4</sup> Juda-kongen Sidkia og alle krigarane hans fekk auge på dei og rømde. Dei forlét byen om natta gjennom kongens hage ved porten mellom dei to murane. Han tok vegen mot Araba-sletta.

<sup>5</sup> Men kaldearhæren sette etter dei og nådde Sidkia att på slettene ved Jeriko. Dei tok han til fange og førte han opp til Ribla i Hamat-landet, til Babel-kongen Nebukadnesar, som felte dommen over han.

<sup>6</sup> I Ribla drap kongen av Babel sønene til Sidkia medan han såg på. Kongen av Babel drap òg alle stormennene i Juda.

<sup>7</sup> Så stakk han ut auga på Sidkia og batt han med bronselenkjer for å føra han til Babel.

<sup>8</sup> Kaldearane brende både kongens slott og husa til folket, og murane kring Jerusalem reiv dei ned.

<sup>9</sup> Dei som var att i byen, og dei som hadde gått over til babylonarkongen, og dei som elles var att i folket, vart førte til Babel i eksil av Nebusaradan, sjefen for livvakta.

<sup>10</sup> Berre nokre av dei fattigaste i folket, dei som ingenting eigde, lét livvaktssjefen Nebusaradan vera att i Juda, og samstundes gav han dei vinmarker og åkrar.

#### **Jeremia blir sett fri**

<sup>11</sup> Kong Nebukadnesar av Babel gav livvaktssjefen Nebusaradan denne ordren om Jeremia:

<sup>12</sup> «Ta han og hald auge med han. Du skal ikkje gjera han noko vondt, men det han sjølv bed om, skal du gjera med han.»

<sup>13</sup> Livvaktssjefen Nebusaradan, Nebusjasban Rab-saris, Nergal Sar-eser Rabmag og alle stormennene til Babel-kongen

<sup>14</sup> sende bod om at Jeremia skulle takast ut or vaktgarden. Dei gav han over til Gedalja, son til Ahikam, Sjafans son, som skulle ta han heim til seg. Så fekk han bu mellom folket.

#### **Guds lovnad til Ebed-Melek**

<sup>15</sup>Herrens ord kom til Jeremia medan han sat fengsla i vaktgarden:

<sup>16</sup>Gå og sei til Ebed-Melek frå Kusj: Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Sjå, no oppfyller eg mitt ord om denne byen, til det vonde og ikkje til det gode. Det skal henda rett framfor auga på deg den dagen.

<sup>17</sup>Men eg vil berga deg på den dagen, seier Herren. Du skal ikkje koma i hendene på dei mennene du er redd.

<sup>18</sup>Eg lét deg sleppa unna. Du skal ikkje falla for sverd, men få livet som krigsbytte fordi du stola på meg, seier Herren.

## Jeremia 40

### Jeremia blir i landet

<sup>1</sup>Dette ordet kom til Jeremia frå Herren etter at livvaktstjefen Nebusaradan hadde sleppt han fri i Rama. Han hadde henta han medan han var lenkja mellom alle fangane frå Jerusalem og Juda som skulle førast til eksil i Babel.

<sup>2</sup>Då livvaktstjefen henta Jeremia, sa han til han: «Herren din Gud har varsla den ulukka som kom over denne staden,

<sup>3</sup>og Herren har sendt henne og gjort som han hadde sagt fordi de synda mot Herren og ikkje ville lyda han. Difor har dette hendt dykk.

<sup>4</sup>Sjå, i dag løyser eg deg frå lenkjene som hendene dine er bundne med. Vil du, kan du bli med meg til Babel, og der skal eg halda auge med deg. Men vil du ikkje bli med meg til Babel, kan du la vera. Sjå, heile landet ligg ope for ditt andlet, og du kan gå der du synest det er godt og rett.»

<sup>5</sup>Jeremia gjekk framleis ingen stader. «Så gå tilbake til Gedalja, son til Ahikam, Sjafans son, som kongen av Babel har sett til å ha tilsyn med byane i Juda. Du kan bu hos han mellom folket der eller gå kvar du synest det er rettast.» Så gav livvaktstjefen han niste og gåver og lét han gå.

<sup>6</sup>Jeremia fór til Gedalja, son til Ahikam, i Mispa og vart buande hos han, mellom folket som var att i landet.

### Gedalja som styresmann i Juda

<sup>7</sup>No fekk alle hærførarane og soldatane kringom i landet høyra at kongen av Babel hadde sett Gedalja, son til Ahikam, til å styra landet. Han hadde sett han over menn, kvinner og born og over dei fattigaste i landet som ikkje var førte i eksil til Babel.

<sup>8</sup>Då kom hærførarane til Gedalja i Mispa med mennene sine: Ismael, son til Netanja, Johanan og Jonatan, søner av Kareah, Seraja, son til Tanhumet, sønene til Efai frå Netofa og Jesanja, son til ein mann frå Maaka.

<sup>9</sup>Gedalja, son til Ahikam, Sjafans son, gjorde eid til dei og mennene deira og sa: «Ver ikkje redde for å tena kaldearane! Ver i landet og ten kongen av Babel, så skal det gå dykk godt.

<sup>10</sup>Eg blir buande i Mispa for å stå til ansvar for kaldearane når dei kjem til oss. Men de skal hausta vindruer, frukt og oliven og samla det i kjerald, og de kan bu i dei byane de har teke.»

<sup>11</sup>Også alle judearane som var i Moab, Ammon og Edom og alle andre land, fekk høyra at kongen av Babel hadde late ein rest vera att i Juda, og at han hadde sett Gedalja, son til Ahikam, Sjafans son, til å ha tilsyn med dei.

<sup>12</sup>Alle desse judearane forlét då dei stadene dei var drivne bort til, og fór attende til Juda. Dei kom til Gedalja i Mispa, og dei hausta inn vindruer og frukt i store mengder.

### **Drapet på Gedalja**

<sup>13</sup>Johanan, son til Kareah, og alle hærførarane ute i landet kom til Gedalja i Mispa

<sup>14</sup>og sa til han: «Veit du at ammonittkongen Baalis har sendt Ismael, son til Netanja, for å drepa deg?» Men Gedalja, son til Ahikam, trudde dei ikkje.

<sup>15</sup>I løynd sa Johanan, son til Kareah, til Gedalja i Mispa: «Lat meg gå og drepa Ismael, son til Netanja, utan at nokon får vita det. Kvifor skal han ta livet av deg, så alle judearane som har samla seg om deg, blir spreidde og det som er att av Juda, går til grunne?»

<sup>16</sup>Men Gedalja, son til Ahikam, sa til Johanan, son til Kareah: «Gjer ikkje det, for det er løgn, det du seier om Ismael.»

## Jeremia 41

<sup>1</sup>Men i den sjuande månaden kom Ismael, son til Netanja, Elisjamas son, som hørde til kongsetta og var ein av kongens stormenn, til Gedalja, son til Ahikam, i Mispa. Han hadde med seg ti mann. Medan dei sat og åt saman i Mispa,

<sup>2</sup>reiste Ismael, son til Netanja, seg saman med dei ti mennene som var med han. Med sverd hogg dei ned Gedalja, son til Ahikam, Sjafans son. Dei drap han som kongen av Babel hadde sett til å styra landet,

<sup>3</sup>alle judearane som var hos Gedalja i Mispa, og dei kaldearane som fanst der. Ismael drap alle krigarane.

<sup>4</sup>Dagen etter at Gedalja var drepen, før nokon visste om det,

<sup>5</sup>kom det åtti menn frå Sikem, Sjiilo og Samaria. Dei hadde raka skjegget, rive sund kleda og rispa seg opp. Dei hadde med seg grødeoffer og røykjelse som dei skulle bera fram i Herrens hus.

<sup>6</sup>Då gjekk Ismael, son til Netanja, ut frå Mispa for å møte dei. Han gret der han gjekk, og då han møtte dei, sa han til dei: «Kom og bli med til Gedalja, son til Ahikam!»

<sup>7</sup>Då dei kom inn i byen, vart dei drepne av Ismael, son til Netanja, og dei mennene han hadde med seg, og kasta i ein brønn.

<sup>8</sup>Men mellom dei var det ti menn som sa til Ismael: «Ikkje drep oss! Vi har mat gøymd ute på marka: kveite, bygg, olje og honning.» Då lét han dei vera og drap dei ikkje saman med dei andre.

<sup>9</sup>Den brønnen der Ismael kasta lika av alle han hadde drepe gjennom knepet med Gedalja, var den kong Asa hadde laga då han låg i strid med kong Basja i Israel. Ismael, son til Netanja, fylte han no med dei drepne.

<sup>10</sup>Sidan førte Ismael, son til Netanja, resten av folket i Mispa bort som fangar, både døtrene til kongen og alle dei andre som var att i Mispa, dei som Nebusaradan, sjefen for livvakta, hadde sett Gedalja, son til Ahikam, til å styra over. Ismael, son til Netanja, drog av stad for å koma seg over til ammonittane.

<sup>11</sup>Då Johanan, son til Kareah, og alle hærførarane som var med han, hørde om alt det vonde Ismael, son til Netanja, hadde gjort,

<sup>12</sup>tok dei med seg alle mennene sine og drog ut for å strida mot han. Dei fann han attmed den store dammen i Gibeon.

<sup>13</sup>Alt folket som var hos Ismael, vart glade då dei fekk sjå Johanan, son til Kareah, og alle hærførarane som var med han.

<sup>14</sup>No snudde alle dei som Ismael hadde ført bort som fangar frå Mispa, og gjekk tilbake til Johanan, son til Kareah.

<sup>15</sup>Ismael, son til Netanja, kom seg unna med åtte mann. Han slapp frå Johanan og drog til ammonittane.

<sup>16</sup>Johanan, son til Kareah, og alle hærførarane som var med han, tok då med seg resten av folket frå Mispa, dei han hadde ført tilbake frå Ismael, son til Netanja, etter drapet på Gedalja, son til Ahikam: menn, krigarar, kvinner, born og hoffmenn. Han førte dei tilbake frå Gibeon.

<sup>17</sup>Dei drog av stad og tok inn i Gerut-Kimham ved Betlehem. Dei ville fara vidare til Egypt,

<sup>18</sup> bort frå kaldearane. Dei var redde kaldearane fordi Ismael, son til Netanja, hadde drepe Gedalja, son til Ahikam, som kongen av Babel hadde sett til å styra landet.

## Jeremia 42

### Åtvaring mot å fara til Egypt

<sup>1</sup>Då kom alle hærførarane og Johanan, son til Kareah, og Jesanja, son til Hosjaja, og heile folket, både små og store,

<sup>2</sup>og sa til profeten Jeremia: «Lat oss få koma fram for deg med vår bøn! Bed for oss til Herrendin Gud, for alle som er att her! Som du ser, vi er berre nokre få att av mange.

<sup>3</sup>Herren din Gud må seia oss kva veg vi skal gå, og kva vi skal gjera.»

<sup>4</sup>Profeten Jeremia svara dei: «Ja vel, eg skal be til Herren dykkar Gud, så som de seier. Og kvart ord Herren gjev dykk til svar, skal eg fortelja dykk. Eg skal ikkje halda noko tilbake.»

<sup>5</sup>Då sa dei til Jeremia: «MåtteHerren vera eit sant og truverdig vitne mot oss om vi ikkje følgjer kvart einaste ord som Herren din Gud sender oss gjennom deg.

<sup>6</sup>Anten det er godt eller vondt, vil vi lyda Herren vår Gud som vi sender deg til, så det må gå oss godt. For vi vil lyda Herren vår Gud.»

<sup>7</sup>Ti dagar seinare kom Herrens ord til Jeremia.

<sup>8</sup>Han kalla til seg Johanan, son til Kareah, og alle hærførarane som var med han, og heile folket, både små og store,

<sup>9</sup>og sa til dei: Så seier Herren, Israels Gud, som de sende meg til for å leggja fram dykkar bøn:

<sup>10</sup>Dersom de blir verande her i landet, vil eg byggja dykk opp og ikkje knusa, planta dykk og ikkje rykkja opp. Eg angrar på det vonde eg har gjort mot dykk.

<sup>11</sup>Ver ikkje redde kongen av Babel, som de er så redde for. Ver ikkje redde han! seier Herren. For eg er med dykk, eg vil frelsa dykk og berga dykk frå hans hand.

<sup>12</sup>Eg skal visa dykk miskunn, og han skal miskunna seg over dykk og føra dykk tilbake til dykkar eige land.

<sup>13</sup>Men så kan det henda at de ikkje vil lyda Herren dykkar Gud og seier: «Vi vil ikkje bu i dette landet.

<sup>14</sup>Nei, vi vil dra til Egypt så vi skal sleppa å sjå krig, høyra lyden av horn og hungra etter brød. Der vil vi bu.»

<sup>15</sup>Difor, høyr no Herrens ord, de som er att av Juda! Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Om de vender andletet mot Egypt for å fara dit og slå dykk ned som innflyttarar der,

<sup>16</sup>då skal det sverdet som de er redde, nå dykk att der i Egypt, og svolten som de er redde, skal følgja i hælane på dykk dit, og der skal de døy.

<sup>17</sup> Alle dei som har vendt andletet mot Egypt for å dra dit og slå seg ned som innflyttarar, skal døy for sverd og svolt og pest. Ingen av dei skal overleva og sleppa frå den ulukka eg sender over dei.

<sup>18</sup> For så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Slik min vreide og harme vart aust ut over dei som bur i Jerusalem, slik skal min harme ausast ut over dykk om de dreg til Egypt. De skal bli til eit banneord og ei gru, til forbanning og spott, og de skal aldri få sjå denne staden att.

<sup>19</sup>Herren har sagt til dykk som er att i Juda: Far ikkje til Egypt! De skal vita for visst at eg har åtvare dykk i dag.

<sup>20</sup>De fører vill, og det skal kosta dykk livet. Først sender de meg til Herren dykkar Gud og seier: «Bed for oss til Herren vår Gud og fortel oss alt det Herren vår Gud seier, så skal vi gjera det.»

<sup>21</sup>Men når eg i dag har fortalt dykk dette, så vil de ikkje lyda Herren dykkar Guds ord og alt det han har sendt meg til dykk for å seia.

<sup>22</sup>No skal de vita for visst at de kjem til å døy for sverd og svolt og pest på den staden de så gjerne vil fara til for å slå dykk ned som innflyttarar.

## Jeremia 43

### Jeremia kjem til Egypt

<sup>1</sup>Då Jeremia var ferdig med å seia til folket alle dei orda som Herrendeira Gud hadde sendt han med – alle desse orda,

<sup>2</sup>då sa Asarja, son til Hosjaja, og Johanan, son til Kareah, og alle dei skamlause mennene, til Jeremia: «Det er løgn, det du seier! Herren vår Gud har ikkje sendt deg for å seia: Far ikkje til Egypt for å slå dykk ned som innflyttarar der.

<sup>3</sup>Det er Baruk, son til Neria, som set deg opp mot oss for at vi skal koma i hendene på kaldearane, og så kan dei drepa oss eller føra oss i eksil til Babel.»

<sup>4</sup>Korkje Johanan, son til Kareah, eller nokon av hærførarane eller nokon av folket ville lyda Herren og bli verande i Juda.

<sup>5</sup>Johanan, son til Kareah, og hærførarane tok med seg alle som var att i Juda, dei som var komne tilbake frå alle folkeslaga dei hadde vore bortdrivne til, og som ville slå seg ned som innflyttarar i Juda.

<sup>6</sup>Det var både menn, kvinner og born, kongsdøtrene og alle dei som livvaktshjefen Nebusaradan hadde late vera att hos Gedalja, son til Ahikam, Sjafans son, også profeten Jeremia og Baruk, son til Neria.

<sup>7</sup>Dei fór til Egypt, for dei ville ikkje lyda Herren. Så kom dei til Tahpanhes.

#### **Profeti om Nebukadnesars hærferd til Egypt**

<sup>8</sup>Herrens ord kom til Jeremia i Tahpanhes:

<sup>9</sup>Ta nokre store steinar og grav dei ned i leira på plassen framfor inngangen til faraos hus i Tahpanhes medan nokre judearar ser på.

<sup>10</sup>Du skal seia til dei: Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Sjå, no sender eg bod og hentar kong Nebukadnesar av Babel, tenaren min. Eg skal setja hans trone over desse steinane som du har grave ned, og han skal slå tronhimmelen sin opp over dei.

<sup>11</sup>Han skal koma og slå Egypt – til død for den som tilhøyrrer døden, til fangenskap for den som tilhøyrrer fangenskapet og til sverd for den som tilhøyrrer sverdet.



<sup>12</sup> Eg set eld på templa til gudane i Egypt, og han skal brenna dei opp og føra dei bort. Han plukkar egyptarane bort som ein gjetar plukkar lus av kappa si, og så fer han bort i fred.

<sup>13</sup> Han skal slå sund steinstøttene i Bet-Sjemesj i Egypt og brenna opp templa for gudane i Egypt.

## Jeremia 44

### Jeremia som domsprofet i Egypt

<sup>1</sup> Dette ordet kom til Jeremia om alle judearane som budde i Egypt, i Migdol, Tahpanhes, Nof og Patros:

<sup>2</sup> Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: De har sjølve sett alt det vonde eg lét koma over Jerusalem og alle byane i Juda. Sjå, i dag ligg dei aude, og ingen bur i dei.

<sup>3</sup> Det er fordi dei gjorde så mykje vondt, dei gjorde meg rasande då dei gjekk og tende offereld for å dyrka andre gudar som korkje dei eller de eller fedrane dykkar hadde kjent.

<sup>4</sup> Eg sende alle tenarane mine, profetane, til dykk seint og tidleg for å seia: «Gjer ikkje dette avskyelege som eg hatar!»

<sup>5</sup> Men dei ville ikkje høyra og vende ikkje øyret til så dei kunne venda om frå vondskapen sin og halda opp med å tenna offereld for andre gudar.

<sup>6</sup> Difor auste eg harmen og vreiden min ut over byane i Juda og gatene i Jerusalem så dei vart til ruinar og ørken, som dei er i dag.

<sup>7</sup> Og no seier Herren, allhærs Gud, Israels Gud: Kvifor gjer de så mykje vondt mot dykk sjølve? De ryddar ut menn og kvinner, born og spedborn frå Juda så de ikkje har nokon rest att.

<sup>8</sup> De gjer meg rasande med det de lagar med egne hender; de tenner offereld for andre gudar i Egypt, dit de fór for å bu der som innflyttarar. Slik ryddar de dykk sjølve ut og blir til forbanning og spott mellom alle folkeslag på jorda.

<sup>9</sup>Har de gløymt det vonde som fedrane dykkar, kongane i Juda og kvinnene deira har gjort, og det vonde som de sjølve og dykkar egne kvinner har gjort i Juda og på gatene i Jerusalem?

<sup>10</sup>Dei har ikkje audmjuka seg til denne dag. Dei er ikkje redde og har ikkje følgt mi lov og mine forskrifter, som eg har lagt fram for dykk og fedrane dykkar.

<sup>11</sup> Difor seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Sjå, no vender eg andletet mot dykk til det vonde, for å rydda ut heile Juda.

<sup>12</sup> Eg tek resten av folket i Juda, dei som vende andletet mot Egypt for å slå seg ned der som innflyttarar. I Egypt skal dei mista livet, alle saman, falla for sverd, mista livet av svolt. Både små og store skal døy for sverd og svolt. Dei skal bli til eit banneord og ei gru, til forbanning og spott.

<sup>13</sup>Eg vil straffa dei som bur i Egypt, slik eg straffa Jerusalem, med sverd og svolt og pest.

<sup>14</sup>Frå resten av Juda, dei som kom til Egypt for å slå seg ned der som innflyttarar, skal ingen sleppa unna og overleva så dei kan koma tilbake. Dei skal lengta etter å koma heim til Juda og bu der att, men ingen skal koma heim, berre nokre få slepp unna.

<sup>15</sup>Då tok dei til orde mot Jeremia, alle mennene som visste at kvinnene deira tende offereld for andre gudar, alle kvinnene som stod der i ein stor flokk, og alt folket som budde i Egypt, i Patros:

<sup>16</sup> «Det ordet du har tala til oss i Herrens namn, vil vi ikkje høyra på.

<sup>17</sup> Nei, vi vil halda kvart ord som har kome frå vår munn, tenna offereld for Himmeldronninga og ausa ut drikkoffer for henne, slik vi og fedrane våre, kongane og leiarane våre gjorde i Judas byar og på gatene i Jerusalem. Då hadde vi brød nok, det gjekk oss godt, og vi opplevde ikkje noko vondt.

<sup>18</sup>Men sidan vi heldt opp med å tenna offereld til Himmeldronninga og ausa ut drikkoffer for henne, har vi mangla alt; vi mistar livet ved sverd og svolt.»

<sup>19</sup>Kvinnene sa: «Når vi tenner offereld for Himmeldronninga og auser ut drikkoffer for henne, er det vel ikkje utan våre menns vitende og vilje vi lagar offerkaker i hennar bilete og auser ut drikkoffer for henne?»

<sup>20</sup>Då sa Jeremia til alt folket, til mennene og kvinnene, alle som hadde teke til orde mot han:

<sup>21</sup>Visst tende de offereld i byane i Juda og på gatene i Jerusalem, både de sjølve og fedrane dykkar, kongane og stormennene dykkar og folket i landet. Og Herren hugsar det, det var i tankane hans.

<sup>22</sup>Herren kunne ikkje lenger tola dei vonde gjerningane og det avskyelege de gjorde. Så vart landet dykkar til ruinar, øydemark og forbanning så ingen kunne bu der, slik det er i dag.

<sup>23</sup>Fordi de tende offereld og synda mot Herren, og fordi de ikkje ville lyda han og ikkje følgja hans lov og forskrifter og bod, har denne ulukka ramma dykk, slik ein kan sjå i dag.

<sup>24</sup>Sidan sa Jeremia til alt folket og til alle kvinnene: Høyr Herrens ord, alle de frå Juda som er i Egypt!

<sup>25</sup>Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: De og kvinnene dykkar har oppfylt med hendene det de lova med munnen: «Vi vil halda lovnadene vi har gjeve om å tenna offereld til Himmeldronninga og ausa ut drikkoffer for henne.» Ja, oppfyll no lovnadene dykkar og gjer alt de har lova!

<sup>26</sup>Høyr då Herrens ord, alle frå Juda som bur i Egypt: Sjå, no sver eg ved mitt store namn, seier Herren, at det ikkje skal vera ein einaste judear att i heile Egypt som kan ta mitt namn i sin munn og seia: «Så sant Herren vår Gud lever!»

<sup>27</sup> Sjå, eg vaker over dei til det vonde og ikkje til det gode. Kvar einaste judear i Egypt skal mista livet ved sverd og svolt, til det er ute med dei.

<sup>28</sup>Berre nokre få skal sleppa unna sverdet og koma tilbake til Juda frå Egypt. Då skal resten av Juda som fór til Egypt for å slå seg ned der som framande, få kjenna kva ord som blir ståande, mitt eller deira.

<sup>29</sup>Og dette skal de ha til teikn, seier Herren, på at eg vil krevja dykk til rekneskap på denne staden, for at de skal kjenna at mine ord mot dykk står ved lag – til det vonde.

<sup>30</sup> Så seier Herren: Sjå, eg gjev farao Hofra, kongen av Egypt, i hendene på fiendane hans, på dei som står han etter livet, slik eg gav kong Sidkia av Juda i hendene på kong Nebukadnesar av Babel, som var fienden hans og stod han etter livet.

## Jeremia 45

### Herrens ord til Baruk

<sup>1</sup> Ordet som profeten Jeremia sa til Baruk, son til Neria, då han skreiv ned i ein bokrull dei orda som Jeremia dikterte, i det fjerde året Jojakim, son til Josjia, var konge i Juda:

<sup>2</sup> Så seier Herren, Israels Gud, om deg, Baruk:

<sup>3</sup> Du seier: «Ve meg! Herren har lagt ny sorg til mi smerte. No er eg trøytt av å klaga, eg finn ikkje kvile.»

<sup>4</sup> Dette skal du seia til han: Så seier Herren: Det eg har bygd, det vil eg knusa, og det eg har planta, det rykkjer eg opp; slik skal det vera på heile jorda.

<sup>5</sup> Og du ventar deg store ting. Ikkje gjer det! For sjå, no sender eg ulukke over alt som lever, seier Herren. Men deg gjev eg livet som krigsbytte alle stader der du går.

## Jeremia 46

### Egypt

<sup>1</sup> Herrens ord som kom til profeten Jeremia om folkeslaga.

<sup>2</sup> Om Egypt. Om hæren til farao Neko, kongen i Egypt, som stod ved Karkemisj ved elva Euftrat, og som vart slegen av Babel-kongen Nebukadnesar i det fjerde året Jojakim, son til Josjia, var konge i Juda:

<sup>3</sup> Gjer rundskjold og langskjold i stand og rykk ut til strid!

<sup>4</sup>Sel på, stig til hest, de ryttarar, still opp med hjelmane på, gjer spyda blanke, ta brynjene på!

<sup>5</sup>Men kva må eg sjå? Dei blir gripne av skrekk og trekkjer seg tilbake. Krigarane deira blir slegne, dei flyktar utan å sjå seg tilbake. Redsle rår på alle kantar, seier Herren.

<sup>6</sup>Den raske kan ikkje flykta, krigaren kan ikkje berga seg. Der nord, ved bredda av Euftrat, der snublar dei og fell.

<sup>7</sup>Kven er det som stig lik Nilen, lik elvar der vatnet fløymer?

<sup>8</sup>Det er Egypt som stig lik Nilen, lik elvar der vatnet fløymer. Det sa: «Eg vil stiga og løyna jorda, gjera ende på byar og dei som bur der.

<sup>9</sup>Fram, hestar! Av stad, vogner! Krigarar skal rykkja ut, Kusj og Put som ber skjold, og dei frå Lud som spenner bogen!»

<sup>10</sup>Den dagen er ein hemnens dag for Herren, allhærs Gud, han tek hemn over motstandarane. Sverdet får eta seg mett og drikkja seg utørst på blod. Det er offerslakting for Herren, allhærs Gud, i landet der nord ved Euftrat.

<sup>11</sup>Dra opp til Gilead, du jomfru, hent balsam, du dotter Egypt! Kvart lækjemiddel er til fånytt, såret ditt vil ikkje gro.

<sup>12</sup>Folkeslag høyrer om di skam, klageropet ditt fyller jorda. Den eine krigaren snublar over den andre, saman fell dei begge.

<sup>13</sup>Ordet som Herren tala til profeten Jeremia då kong Nebukadnesar av Babel kom for å slå Egypt:

<sup>14</sup>Kunngjer det i Egypt, lat det høyrast i Migdol, lat det høyrast i Nof og Tahpanhes! Sei: Still opp og gjer deg klar! For sverdet øyder rundt ikring deg.

<sup>15</sup>Kvifor flykta Apis, din sterke okse? Han kunne ikkje stå imot, for Herren har drive han bort.

<sup>16</sup>Han fekk mange til å snubla, ja, dei fall over kvarandre. Då sa dei: «Kom, lat oss venda attende til folket vårt, til landet der vi er fødde, bort frå det herjande sverdet!»

<sup>17</sup>Der skal dei gje farao, kongen i Egypt, namnet «Krigslarm som kom for seint».

<sup>18</sup>Så sant eg lever, seier Kongen – Herren over hærskarane er hans namn: Som Tabor mellom fjella kjem han, som Karmel ute ved havet.

<sup>19</sup> Pakk tinga dine for eksil, du som bur hos dotter Egypt. For Nof skal bli til ei øydemark, lagd i øyde så ingen kan bu der.

<sup>20</sup>Egypt er ei prektig kvige, men ein klegg frå nord slår seg ned på henne.

<sup>21</sup>Leigesoldatane hennar er som gjødde kalvar, dei snur om og flyktar saman, dei held ikkje ut. For over dei er ulukkedagen komen, rekneskapens tid.

<sup>22</sup>Ho kveser lik ein slange som glir bort, for dei rykkjer fram med ein hær. Dei kjem mot henne med øksar som tømmerhoggarar.

<sup>23</sup>Dei høgg skogen hennar ned, seier Herren, han har vorte for tett. Dei er fleire enn grashopper, dei er utan tal.

<sup>24</sup> Dotter Egypt blir til skamme, ho blir overgjeven til folket i nord.

<sup>25</sup> Herren over hærskarane, Israels Gud, seier: No vil eg straffa Amon frå No, farao og Egypt, gudane og kongane i landet, både farao og dei som lit på han.

<sup>26</sup> Eg gjev dei i hendene på dei som står dei etter livet, i hendene på kong Nebukadnesar av Babel og tenarane hans. Men sidan skal ho bu i landet som i gamle dagar, seier Herren.

<sup>27</sup> Ver ikkje redd, du min tenar Jakob, seier Herren, mist ikkje motet, Israel! For sjå, eg bergar deg frå fjerne stader og ætta di frå landet der ho er fanga. Jakob skal venda attende og leva roleg og trygt, og ingen skal skremma han.

<sup>28</sup> Ver ikkje redd, du min tenar Jakob, seier Herren, for eg er med deg. Eg gjer ende på alle folkeslaga som eg har drive deg bort til, men deg gjer eg ikkje ende på. Eg tuktar deg med rette og lèt deg ikkje sleppa straff.

## Jeremia 47

### Filistrane

- <sup>1</sup> Herrens ord som kom til profeten Jeremia om filistrane før farao slo Gaza.
- <sup>2</sup> Så seier Herren: Sjå, vatnet stig frå nord og blir til ei fløymande elv, ho fløymer over landet og alt som fyller det, byane og dei som der bur. Menneska skrik, alle som bur i landet, jamrar.
- <sup>3</sup> For dei høyrer hovslag frå sterke hestar, vogner som ramlar og hjul som dundrar. Fedrane ser seg ikkje om etter borna, hendene er slappe.
- <sup>4</sup> For no er dagen komen då filistrane skal øydeleggjast, då alle i Tyros og Sidon som slapp unna og kunne hjelpa, skal ryddast ut. For Herren øydelegg filistrane, dei som er att frå Kaftor-kysten.
- <sup>5</sup> Gaza er raka snau, Asjkalon har tagna. Du som er att i dalen, kor lenge vil du rispa deg opp?
- <sup>6</sup> Å, du Herrens sverd, kor lenge skal det vara før du fell til ro? Trekk deg inn att i slira, kvil og ver stille!
- <sup>7</sup> Korleis kan det falla til ro når Herren har kalla det ut? Han har sendt det til Asjkalon og til kysten.

## Jeremia 48

### Moab

- <sup>1</sup> Om Moab. Så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Ve Nebo! Byen er øydelagd. Kirjatajim har vorte til skamme, innteken, borga har vorte til skamme, slegen av redsle.
- <sup>2</sup> Ingen skryter av Moab lenger. I Hesjbon la dei vonde planar mot dei: «Kom, lat oss rydda dei ut som folk!» Også du, Madmen, skal tagna, sverdet skal forfølgja deg.
- <sup>3</sup> Høyr klageropet frå Horonajim, der er øydelegging, eit stort samanbrot.
- <sup>4</sup> Moab har brote saman, frå borna høyrest klagerop.
- <sup>5</sup> Gråtande går dei opp bakkane til Luhit. På vegen ned til Horonajim høyrest rop i naud over samanbrotet:

- <sup>6</sup>«Flykt, berg livet!» Men de blir som ein busk i ørkenen.
- <sup>7</sup> Fordi du leit på det du hadde laga, og på skattane dine, skal du òg bli teken. Kemosj må gå i eksil og prestane og stormennene med han.
- <sup>8</sup> Han som herjar, kjem til kvar ein by, ikkje ein by slepp unna. Dalen skal gå til grunne og sletta leggjast i øyde, slik som Herren har sagt.
- <sup>9</sup> Gjev Moab ein blom, for det skal leggjast i ruinar. Byane skal bli aude, ingen skal bu i dei.
- <sup>10</sup> Forbanna er den som forsømer å gjera Herrens verk! Forbanna er den som held sverdet borte frå blod!
- <sup>11</sup> Moab var trygg frå ungdomen av, låg roleg som vin over berme, vart ikkje helt frå fat til fat, måtte ikkje gå i eksil. Difor har smaken halde seg, og angen er den same som før.
- <sup>12</sup> Difor, sjå, dagar skal koma, seier Herren, då eg sender vintapparar til han. Dei skal tappa han om og tømme fata og slå krukkene sund.
- <sup>13</sup> Då skal Moab skamma seg over Kemosj slik Israel måtte skamma seg over Betel, som dei sette si lit til.
- <sup>14</sup> Korleis kan de seia: «Vi er krigarar og djerve stridsmenn?»
- <sup>15</sup> Moab skal herjast. Dei dreg mot byane der, og den beste ungdomen dreg ut for å bli slakta, seier kongen, Herren over hærskarane er hans namn.
- <sup>16</sup> Moabs ulukke er nær, brått kjem det vonde over han.
- <sup>17</sup> Sørg over han, alle de grannar og alle de som kjenner hans namn. Sei: «Broten er den sterke staven, det herlege septeret!»
- <sup>18</sup> Stig ned frå æresplassen, set deg i det tørste landet, du som bur hos dotter Dibon. For han som skal herja Moab, dreg mot deg og øydelegg festningane dine.
- <sup>19</sup> Still deg attmed vegen og hald vakt, du som bur i Aroer! Spør han som flyktar og henne som kom seg unna: «Kva er det som har hendt?»



- <sup>20</sup>Moab har vorte til skamme, slegen av redsle. Hyl og skrik! Fortel ved Arnon at Moab er øydelagd.
- <sup>21</sup>Dommen er komen for slettelandet, for Holon, Jahsa og Mofaat,
- <sup>22</sup>Dibon, Nebo og Bet-Diblatajim,
- <sup>23</sup>Kirjatajim, Bet-Gamul og Bet-Meon,
- <sup>24</sup>Kerijot og Bosra, for alle byane i Moab, både fjern og nær.
- <sup>25</sup> Moabs horn er hogge av, armen hans er broten, seier Herren.
- <sup>26</sup> Skjenk han full, for han har briska seg mot Herren. Så kan Moab liggja der i spy og bli til latter, han òg.
- <sup>27</sup> Gjorde ikkje du Israel til latter? Vart han kanskje teken mellom tjuvar, sidan du rister på hovudet kvar gong du snakkar om han?
- <sup>28</sup> Far bort frå byane og slå dykk ned i fjellet, de som bur i Moab! Gjer som dua, ho byggjer seg reir i sidene av det gapande gjelet.
- <sup>29</sup> Vi har høyrte kor umåteleg stolt Moab er, kor høg han er, kor hovmodig og stolt, kor overmodig han er.
- <sup>30</sup>Eg veit, seier Herren, kor frekk han er, og kor tomt han skryter. Tomt er det dei gjer.
- <sup>31</sup> Difor sørgjer eg over Moab, skrik for heile Moabs skuld. Ein sukker over mennene frå Kir-Heres.
- <sup>32</sup>Eg græt meir over deg enn over Jaser, du vinstokk i Sibma. Rankene dine spreidde seg mot sjøen, dei nådde til sjøen ved Jaser. Over din frukthaut og vinhaust kjem han som herjar.
- <sup>33</sup> Glede og jubel er borte frå hagane, frå Moabs land. Eg gjer ende på vinen frå vinpressene. Ingen trakkar vindruer til glade rop, ingen ropar dei ropa.
- <sup>34</sup> Skriket frå Hesjbon når til Elale, heilt til Jahas lyder ropet, frå Soar til Horonajim og til Eglat-Sjelisjia. For jamvel Nimrim-vatnet blir til ørkenland.

<sup>35</sup>I Moab, seier Herren, gjer eg ende på dei som går opp på haugane og tenner offereld for guden sin.

<sup>36</sup>Difor klagar mitt hjarte som ei fløyte over Moab, mitt hjarte klagar som ei fløyte over mennene frå Kir-Heres. For tapt er alt det dei hadde att.

<sup>37</sup>Kvart hovud er snauklipt, alt skjegg er raka av. Alle har rispa opp hendene og har sekkestrie om hoftene.

<sup>38</sup>På alle tak og torg i Moab lyder klage. For eg har slege Moab sund lik eit kar som ingen bryr seg om, seier Herren.

<sup>39</sup>Knust er ho. Skrik! Moab har snudd ryggen til i skam. No blir Moab til latter og til redsle for alle grannane sine.

<sup>40</sup>For så seier Herren: Sjå, han stuper som ei ørn og breier vengene ut over Moab.

<sup>41</sup>Byane blir inntekne, festningane tekne. Den dagen skal hjartet i Moabs krigarar vera som hjartet til ei kvinne i barnsnaud.

<sup>42</sup>Moab blir utsletta som folk fordi dei har vist hovmod mot Herren.

<sup>43</sup>Det blir gru og grav og garn for deg som bur i Moab! seier Herren.

<sup>44</sup>Den som flyktar frå gru, skal falla i grav, kjem han seg opp or grava, skal han bli fanga i garnet. For eg sender rekneskaps år over Moab, seier Herren.

<sup>45</sup>I skuggen av Hesjbon står utslitne flyktningar. For eld går ut frå Hesjbon, ein loge frå Sihon. Han skal øyda Moabs tinning og skallen på dei som bråkar.

<sup>46</sup>Ve deg, Moab! Det er ute med Kemosj-folket. For sønene dine blir tekne til fange, og døtrene må gå i fangenskap.

<sup>47</sup>Men eg skal venda lagnaden for Moab i dagar som kjem, seier Herren. Så langt dommen over Moab.

## Jeremia 49

### Ammonittane

<sup>1</sup> Om ammonittane. Så seier Herren: Har ikkje Israel born, har han ingen arving? Kvifor har då Milkom teke over Gad og folket hans slege seg ned i byane der?

<sup>2</sup> Difor, sjå, dagar skal koma, seier Herren, då eg lèt krigsrop lyda for ammonittane i Rabba. Byen skal bli til ein aud ruinhaug, dotterbyane skal brennast opp. Israel skal driva bort dei som hadde drive han bort, seier Herren.

<sup>3</sup> Klag, Hesjbon, for Ai er øydelagd. Skrik, de Rabbas døtrer, kled dykk i sekkestrie, set i med klage og spring att og fram mellom kveene. For Milkom må gå i eksil og prestane og stormennene med han.

<sup>4</sup> Kvifor skryter du av dalane, av grøderikdomen i dalen din, du bortkomne dotter som set di lit til skattane dine: «Kven kan vel nå meg?»

<sup>5</sup> Sjå, eg sender redsle over deg, seier Herren, allhærs Gud, frå alle kantar. De skal drivast bort i kvar si retning, og ingen skal samla dei som flyktar.

<sup>6</sup> Men sidan vender eg lagnaden for ammonittane, seier Herren.

### Edom

<sup>7</sup> Om Edom. Så seier Herren over hærskarane: Finst det ikkje visdom lenger i Teman? Har ikkje dei kloke råd å gje? Har visdomen deira rotna?

<sup>8</sup> Flykt, snu om! Bu i djupet, de som bur i Dedan. For eg lèt Esaus ulukke koma over han, tida då eg krev han til rekneskap.

<sup>9</sup> Om drueplukkarar kjem til deg, lèt dei ingen etterhaust bli att. Om tjuvar kjem om natta, øydelegg dei kva dei vil.

<sup>10</sup> For eg kler av Esau og viser fram gøymestadene hans så han ikkje kan gøyma seg. Herja blir borna og brørne og grannane hans, det er ute med dei.

<sup>11</sup> Berre gå frå dine farlause born, eg skal halda dei i live, og enkjene dine kan lita på meg.

<sup>12</sup> For så seier Herren: Sjå, dei som ikkje fortener det, må drikkja av begeret. Og så skulle du sleppa straff? Nei, du skal ikkje sleppa, du skal drikkja!

<sup>13</sup>For eg har svore ved meg sjølv, seier Herren: Bosra skal bli til øydemark og til spott, til ruin og til forbanning. Alle byane der skal liggja i ruin for alltid.

<sup>14</sup>Ein bodskap har eg høyrte frå Herren, ein bodberar er send til folkeslaga: «Samla dykk og gå mot byen, reis dykk til krig!»

<sup>15</sup>Sjå, eg gjer deg liten mellom folka, forakta mellom menneska.

<sup>16</sup>Redsla du spreidde, og ditt hovmodige hjarte har narra deg, du som bur i fjellkløfter og held til oppe på høgdene. Men om du legg reiret ditt høgt som ørna, skal eg støyta deg ned derifrå, seier Herren.

<sup>17</sup>Edom skal bli til øydemark. Alle som går forbi, skal bli forfærde og plystra hånleg over såra ho har fått.

<sup>18</sup>Det skal gå som då Sodoma og Gomorra og grannebyane vart øydelagde, seier Herren. Ingen skal bu der, ikkje eit menneske slå seg ned.

<sup>19</sup>Sjå, lik løva som kjem opp frå den tette Jordan-skogen til sletta som alltid er grøn, slik skal eg på ein augneblink driva dei bort frå landet. Kven er den utvalde som eg skal setja over det? For kven er som eg? Kven kan stemna meg? Kven er den gjetaren som kan stå for mitt andlet?

<sup>20</sup>Difor, høyr kva avgjerd Herren har teke om Edom, kva plan han har lagt mot dei som bur i Teman. Sanneleg, dei minste av sauene skal slepast bort, og beitemarkene deira skal bli aude.

<sup>21</sup>Når dei fell, skjelv jorda av drønnet, heilt til Sivsjøen høyrest skriket.

<sup>22</sup>Sjå, han stig som ei ørn, stuper ned og breier vengene ut over Bosra. Den dagen skal hjartet til Edoms krigarar vera som hjartet til ei kvinne i barnsnaud.

### Damaskus

<sup>23</sup>Om Damaskus. Hamat og Arpad blir til skamme, for dei har fått høyra ein bodskap om ulukke og skjelv som havet i uro, aldri fell det til ro.

<sup>24</sup>Damaskus mistar motet, snur og flyktar, ho er gripen av trengsle og av rier som hos ei fødande kvinne.

<sup>25</sup>Forlaten er den namngjetne byen, mi gledes by!

<sup>26</sup> Dei unge mennene fell på torga, alle krigarar blir drepne den dagen, seier Herren over hærskarane.

<sup>27</sup> Eg set fyr på muren kring Damaskus, eld skal øyda Ben-Hadads borger.

### **Kedar og Hasor**

<sup>28</sup> Om Kedar og Hasor-rika, som kong Nebukadnesar av Babel slo. Så seier Herren: Opp, rykk fram mot Kedar, øydelegg folka i aust!

<sup>29</sup>Dei skal ta telta og småfeet frå dei, teltdukane og alle reiskapane, dei skal ta kamelane deira med seg og ropa til dei: «Redsle på alle kantar!»

<sup>30</sup>Flykt! Skund dykk bort! Gøym dykk djupt nede, de som bur i Hasor, seier Herren. For kong Nebukadnesar av Babel har teke ei avgjerd og lagt ein plan mot dykk.

<sup>31</sup>Opp, rykk fram mot eit sorglaust folk, mot dei som bur trygt, seier Herren. Det har korkje portar eller bommar og bur for seg sjølv.

<sup>32</sup> Kamelane deira skal bli til rov, den store buskapen til bytte. Dei som har kortklipt hår ved tinningen, skal eg spreia for alle vindar; eg lèt ulukke koma over dei frå alle kantar, seier Herren.

<sup>33</sup>Hasor blir ein stad der sjakalar held til, ein ørken for alle tider. Ingen skal bu der, ikkje eit menneske slå seg ned.

### **Elam**

<sup>34</sup> Herrens ord som kom til profeten Jeremia om Elam i byrjinga av regjeringstida til Juda-kongen Sidkia:

<sup>35</sup>Så seier Herren over hærskarane: Sjå, eg bryt sund bogen til elamittane, det sterkaste våpenet deira.

<sup>36</sup>Mot Elam sender eg fire vindar frå dei fire himmelhjørna og spreier dei for alle desse vindane. Det skal ikkje finnast eit einaste folkeslag der det ikkje kjem nokon som er drivne bort frå Elam.

<sup>37</sup>Eg slår Elam med skrekk for fienden og for alle som står dei etter livet. Eg lét ulukke koma over dei, min brennande vreide, seier Herren. Eg sender sverdet etter dei til eg får gjort ende på dei.

<sup>38</sup>Så set eg mi trone i Elam og ryddar ut kongen og stormennene der, seier Herren.

<sup>39</sup> Men i dagar som kjem, vender eg lagnaden for Elam, seier Herren.

## Jeremia 50

### Babel

<sup>1</sup> Dette ordet tala Herren gjennom profeten Jeremia om Babel, landet til kaldearane:

<sup>2</sup> Kunngjer det mellom folkeslaga, lat det høyrast! Lyft banneret, lat det høyrast! Løyn det ikkje, men sei: Babel er teken, Bel har vorte til skamme, og Marduk er slegen av skrekk. Gudebileta har vorte til skamme, avgudane er slegne av skrekk.

<sup>3</sup> For eit folkeslag frå nord rykkjer fram og gjer landet til øydemark så ingen kan bu der; både menneske og dyr flyktar og dreg bort.

<sup>4</sup> I dei dagane og på den tida, seier Herren, skal israelittane koma og judearane saman med dei. Gråtande skal dei gå og søkja Herren sin Gud.

<sup>5</sup> Dei spør etter Sion, dit vender dei andletet: «Kom, lat oss slutta oss til Herren i ei evig pakt som aldri blir gløymd!»

<sup>6</sup> Folket mitt var bortkomne sauer, gjetarane førte dei vill, på avveggar i fjella. Dei gjekk frå fjell til haug og gløymde kvar dei skulle kvila.

<sup>7</sup> Alle som møtte dei, ville eta dei. Fienden sa: «Vi gjer ingen urett, for dei har synda mot Herren, han som er deira rette beitemark, Herren, vona til fedrane deira.»

<sup>8</sup> Flykt bort frå Babel, dra ut frå landet til kaldearane, gå som bukkar framfor flokken.



<sup>9</sup>For sjå, eg vekkjer ei stor forsamling av folkeslag frå landet i nord og fører dei opp mot Babel. Dei stiller opp til strid mot byen og tek han. Dei skyt piler som ein dugande krigar, ein som aldri kjem tomhendt att.

<sup>10</sup>Landet til kaldearane blir krigsbytte, alle som plyndrar det, blir mette, seier Herren.

<sup>11</sup>No kan de vera glade, no kan de jubla, de som plyndra egedomen min. De hoppar som kalvar i graset og vrinskar som sterke hingstar.

<sup>12</sup>Mor dykkar skjemmest djupt, ho som fødde dykk, blir til spott. Sjå, ho er sist av folkeslaga, ein ørken, tørt land, ei øydemark.

<sup>13</sup> Fordi Herren er harm, skal ingen bu der, heile landet skal bli til ein ørken. Alle som går forbi Babel, skal bli forfærde og plystra hånleg over såra ho har fått.

<sup>14</sup>Still dykk opp kring Babel, alle bogeskyttarar! Skyt mot henne, spar ikkje på pilene, for ho har synda mot Herren.

<sup>15</sup> Lyft hærrop mot henne frå alle kantar! Ho gjev seg over! Støttene hennar er falne, murane brotne ned. For dette er Herrens hemn. Hemn dykk på henne, gjer med henne slik ho sjølv har gjort!

<sup>16</sup> Rydd ut or Babel han som sår, og han som svingar sigden når det er tid for å hausta. Frå sverdet som herjar, skal kvar og ein venda seg til sitt eige folk og flykta til sitt eige land.

<sup>17</sup> Israel var ein sau som gjekk vill, løver hadde drive han på flukt. Først åt Assur-kongen han opp, så har kong Nebukadnesar av Babel gnege av beina.

<sup>18</sup>Difor seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Sjå, eg vil straffa kongen av Babel og landet hans slik eg straffa kongen av Assur.

<sup>19</sup> Så fører eg Israel tilbake til beitemarkene hans. Han skal beita på Karmel og i Basan, på Efraim-fjellet og i Gilead skal han bli mett.

<sup>20</sup> I dei dagane og på den tida, seier Herren, skal dei leita etter Israels skuld, men ho er der ikkje, etter Judas synd, men ho finst ikkje, for eg tilgjev dei eg lèt vera att.

<sup>21</sup> Dra opp mot Meratajim-landet og gå til åtak på det! Gå mot dei som bur i Pekod, forfølg dei med sverd og slå dei med bann! Gjer alt det eg byd deg, seier Herren.

<sup>22</sup> Det er krigslarm i landet, eit stort samanbrot.

<sup>23</sup> Knust og knekt er all verdsens hammar. Babel har vorte ei øydemark mellom folkeslaga!

<sup>24</sup> Eg sette snarer for deg, Babel, og før du visste av det, var du fanga. Du vart funnen og gripen fordi du gjekk til strid mot Herren.

<sup>25</sup> Herren har opna våpenlageret og teke fram sin harmes våpen, for Herren, allhørs Gud, har arbeid å gjera i landet til kaldearane.

<sup>26</sup> Rykk fram mot landet frå alle kantar! Lat opp kornkammera, kast kornet opp i haugar, slå det med bann og øydelegg det, lat ingenting vera att!

<sup>27</sup> Hogg alle oksane deira med sverd, send dei til slakting! Ve dei! Dagen deira er komen, tida då dei må gjera rekneskap.

<sup>28</sup> Høyr, dei flyktar og kjem seg bort frå Babel for å fortelja i Sion at Herren vår Gud har teke hemn, hemn for sitt tempel.

<sup>29</sup> Kall bogeskyttarane saman mot Babel, alle som kan spennar ein boge. Kringset byen frå alle kantar, lat ingen sleppa unna! Lat Babel få att for gjerningane sine, gjer mot henne det ho sjølv har gjort. For ho har handla overmodig mot Herren, mot Israels Heilage.

<sup>30</sup> Difor skal dei unge mennene hennar falla på torga, alle krigarane hennar skal drepast den dagen, seier Herren.

<sup>31</sup> Eg kjem over deg, du overmodige, seier Herren, allhørs Gud. For no er dagen komen for deg, den tid då eg krev deg til rekneskap.



<sup>32</sup>Den overmodige skal snubla og falla, og ingen skal reisa han opp. Eg set eld på byane hans, og elden skal øyda alt ikring.

<sup>33</sup>Så seier Herren over hærskarane: Israelittane er undertrykte og judearane òg. Alle som førte dei i fangenskap, held dei fast, dei nektar å sleppa dei fri.

<sup>34</sup> Men han som løyser dei ut, er sterk. Herren over hærskarane er hans namn. Han vil føra deira sak og gje jorda ro, men uroa dei som bur i Babel.

<sup>35</sup>Sverd mot kaldearane! seier Herren. Sverd mot dei som bur i Babel, mot hennar stormenn og vismenn!

<sup>36</sup> Sverd mot orakelprestane! Dei er tåpelege. Sverd mot krigarane! Dei skal bli slegne av skrekk.

<sup>37</sup> Sverd mot hestar og vogner, mot alt blandingsfolket der! Dei blir som kvinner. Sverd mot skattkammera! Dei blir rana.

<sup>38</sup> Tørke mot vatnet! Det tørkar bort. For dette er landet for gudebilete, dei blir galne av skrekkbileta sine.

<sup>39</sup> Difor: Ørkendyr og hyenar skal slå seg ned, og strutsar skal halda til der. Aldri skal byen byggjast meir, frå slekt til slekt skal ingen bu der.

<sup>40</sup> Det skal gå som då Gud øydela Sodoma og Gomorra og grannebyane, seier Herren. Ingen skal bu der, ikkje eit menneske slå seg ned.

<sup>41</sup> Sjå, det kjem eit folk frå nord, eit stort folkeslag og mange kongar bryt opp frå ytste enden av jorda.

<sup>42</sup> Dei har boge og sabel i handa, dei er grufulle og viser ingen nåde. Larmen drønnar som havet. På hestar kjem dei ridande, rusta til krig mot deg, dotter Babel.

<sup>43</sup>Då kongen av Babel hørde ryktet om dei, vart hendene hans slappe. Trengsle greip han, rier som hos ei fødande kvinne.

<sup>44</sup> Sjå, lik løva som kjem opp frå den tette Jordan-skogen til sletta som alltid er grøn, slik skal eg på ein augneblink driva dei bort frå landet. Kven er den

utvalde som eg skal setja over det? For kven er som eg? Kven kan stemna meg? Kven er den gjetaren som kan stå for mitt andlet?

<sup>45</sup>Difor, høyr kva avgjerd Herren har teke om Babel, kva plan han har lagt mot landet til kaldearane. Sanneleg, dei minste av sauene skal slepast bort, og beitemarkene deira skal bli aude.

<sup>46</sup>Ropet «Babel er teken!» får jorda til å skjelva, og skriket skal høyrast mellom folkeslaga.

## Jeremia 51

<sup>1</sup>Så seier Herren: Sjå, eg vekkjer ein øydeleggjande storm mot Babel og mot dei som bur i Leb-Kamai.

<sup>2</sup>Eg sender framande til Babel, dei skal reinsa henne som korn og leggja landet audt når dei går laus på det frå alle kantar på ulukkedagen.

<sup>3</sup>Bogeskyttaren skal ikkje spennja bogen og ikkje briska seg i brynja. Skån ikkje hennar unge menn, slå heile hæren med bann!

<sup>4</sup>I Kaldea skal dei drepast og falla, stikkast ned og liggja på gatene.

<sup>5</sup>For Israel og Juda er ikkje enkjer, forlatne av sin Gud, Herren over hærskarane, endå landet deira er fullt av skuld mot Israels Heilage.

<sup>6</sup>Flykt frå Babel, berg dykk alle! Gå ikkje til grunne når byen får si straff. For dette er hemnens tid for Herren, han gjev dei att for det dei har gjort.

<sup>7</sup>Babel var eit gullbeger i Herrens hand, ho gjorde heile jorda drukken. Folkeslaga drakk av vinen, difor vart dei som galne.

<sup>8</sup>Brått er Babel fallen og knust. Sørg over henne! Hent balsam for såret hennar, kanskje kan det lækjast.

<sup>9</sup>«Vi prøvde å lækja Babel, men ho lét seg ikkje lækja. Forlat henne! Lat oss gå kvar til sitt eige land. For dommen over henne når til himmelen, han rekk opp til skyene.»

<sup>10</sup> Herren har gjeve oss rett. Kom, lat oss fortelja på Sion kva Herren vår Gud har gjort.

<sup>11</sup> «Kvess pilene, fyll koggera!» Herren har vekt ein tanke hos kongane av Media, for planen hans er å øydeleggja Babel. Det er Herrens hemn, hemnen for hans tempel.

<sup>12</sup>Lyft banneret mot Babels murar, styrk vakthaldet, set ut vakter og legg nokre i bakhald! For Herren set i verk det han har planlagt, det han har sagt om dei som bur i Babel.

<sup>13</sup> Du som bur ved veldige vatn og er så rik på skattar, no er enden komen for deg, livstråden skal skjerast av.

<sup>14</sup>Herren over hærskarane har svore ved seg sjølv: Eg skal fylla deg med menneske, mange som grashopper. Dei skal setja i jubelrop mot deg.

<sup>15</sup> Han laga jorda med si kraft, han grunnla verda i sin visdom og spente ut himmelen ved si innsikt.

<sup>16</sup>Når hans røyst høyrest, brusar vatnet i himmelen, han lèt skyer stiga opp frå enden av jorda, han lagar både lyn og regn, han lèt vinden sleppa ut frå sine forrådsammer.

<sup>17</sup>Alle menneske er dumme og uforstandige. Kvar gullsmed må skjemmast av gudebiletet sitt, for det støypte biletet hans er løgn. Det er ikkje ånd i dei.

<sup>18</sup> Tomme er dei, eit verk til spott. Når straffa kjem, går dei til grunne.

<sup>19</sup>Han som er Jakobs del, er ikkje som desse, for det er han som formar alt. Israel er hans eigen stamme. Herren over hærskarane er hans namn.

<sup>20</sup> Du er min hammar, mitt krigsvåpen. Med deg knuser eg folkeslag og øydelegg kongerike.

<sup>21</sup>Med deg knuser eg hest og rytta, vogn og køyrekar.

<sup>22</sup>Med deg knuser eg mann og kvinne, gammal og ung, gut og jente.

<sup>23</sup>Med deg knuser eg gjetar og buskap, bonde og oksar for plogen, statthaldarar og stormenn.

<sup>24</sup>Framfor auga dykkar tek eg att mot Babel og mot alle som bur i Kaldea for alt det vonde dei gjorde mot Sion, seier Herren.

<sup>25</sup>Sjå, eg kjem mot deg, du øydeleggjarfjell, seier Herren, du som øydelegg heile jorda. Eg lyfter handa mot deg, velter deg ned frå klippene og gjer deg til eit utbrent fjell.

<sup>26</sup>Ingen skal ta stein frå deg til hjørnestein eller grunnmur, for du skal bli til ørken for alltid, seier Herren.

<sup>27</sup>Lyft banneret på jorda, blås i horn mellom folkeslaga, helga folkeslaga til strid mot Babel! Kall kongerike saman mot henne, Ararat, Minni og Asjkenas. Set ein hærførar mot henne! Lat hestar rykkja fram som bustete grashopper!

<sup>28</sup>Helga folkeslaga til strid mot henne, kongane og statthaldarane i Media, alle stormennene der og kvart land i riket.

<sup>29</sup>Jorda skjelv og vrir seg, for no fullendar Herren planane han har mot Babel: å gjera landet Babel til ei øydemark der ingen kan bu.

<sup>30</sup>Krigarane i Babel har halde opp å strida. Dei sit stille i borgene, kreftene deira har tørka ut, dei har vorte kvinner. Husa er sette i brann, bommane brotne sund.

<sup>31</sup>Sendebod spring mot sendebod, bodberar mot bodberar, for å fortelja kongen av Babel at byen er teken frå ende til annan.

<sup>32</sup>Vadestadene er tekne, og sumpene er brende med eld, krigarane er gripne av redsle.

<sup>33</sup>For så seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Dotter Babel er som ein treskjeplass når han blir trampa ned. Det er berre ei lita stund att, så kjem hausttida for henne.

<sup>34</sup>Kong Nebukadnesar av Babel har ete meg, gjort ende på meg og sett meg bort lik eit tomt kar. Som eit sjøuhyre slukte han meg, fylte magen med mitt beste kjøt og spytta meg ut.

<sup>35</sup>Valden eg har kjent på kroppen, skal råka Babel, seier ho som bur i Sion. Lat mitt blod koma over dei som bur i Kaldea, seier Jerusalem.

<sup>36</sup>Difor seier Herren: Sjå, eg fører di sak og tek hemn for deg. Eg legg havet hennar tørt og tørkar ut kjelda hennar.

<sup>37</sup> Babel skal bli ei steinrøys, ein stad der sjakalar held til, lagd aud og gjord til spott så ingen kan bu der.

<sup>38</sup>Alle brøler som unge løver og knurrar som løveungar.

<sup>39</sup> Når dei blir heite, steller eg til eit drikkelag for dei. Eg skjenkjer dei fulle så dei blir lystige, dei fell i ein evig søvn som dei ikkje skal vakna frå, seier Herren.

<sup>40</sup>Eg fører dei til slakting som lam, som vêrar og bukkar.

<sup>41</sup> Teken er Sjesjak, hærteken er ho som var lovprisa over heile jorda! Ei skremsle har Babel vorte mellom folkeslaga!

<sup>42</sup>Havet har stige opp over Babel, ho er dekt av brusande bølger.

<sup>43</sup>Byane hennar har vorte til ørken, til eit tørt og livlaust land. Ikkje eit menneske bur i dei, ingen dreg igjennom dei.

<sup>44</sup> Eg straffar Bel i Babel. Det han har slukt, dreg eg ut or munnen hans. Folkeslag skal ikkje lenger koma strøymande til han. Også Babels mur er fallen.

<sup>45</sup> Mitt folk, far ut frå henne! Kvar og ein må berga sitt liv for Herrens brennande vreide.

<sup>46</sup> Mist ikkje motet og ver ikkje redde når rykta går i landet, eit rykte det eine året og eit anna det neste. Vald rår på jord, og herskar står mot herskar.

<sup>47</sup>Difor, sjå, dagar skal koma då eg straffar gudebileta i Babel så heile landet blir til skamme og alle der blir drepne og fell.

<sup>48</sup> Himmel og jord og alt som er i dei, skal jubla over Babel når dei som herjar, rykkjer inn frå nord, seier Herren.

<sup>49</sup>De som vart drepne i Israel: Også Babel skal falla slik dei som vart drepne over heile jorda, fall for Babels skuld.

**50** De som slapp unna sverdet, far bort, bli ikkje ståande her! Hugs på Herren i eit land langt borte og tenk på Jerusalem!

**51**«Vi vart til skamme, måtte høyra spott, vanære dekte andleta våre; for framande har kome inn i heilagdomen, Herrens hus.»

**52**Difor, sjå, dagar skal koma, seier Herren, då eg straffar gudebileta hennar; i heile landet skal dei såra stønna.

**53** Om Babel stig opp til himmelen og styrkjer si festning i det høge, skal eg senda folk som herjar henne, seier Herren.

**54**Høyr skriket frå Babel, eit stort samanbrot i landet til kaldearane.

**55**Det er Herren som herjar Babel og gjer ende på hennar kraftige røyst. Bølgjene brusar som veldige vatn, larmen gjev gjenlyd.

**56** For mot henne, mot Babel, kjem det ein som herjar; krigarane blir tekne til fange, og bogane deira blir knekte. For Herren er ein Gud som gjer gjengjeld, han skal betala tilbake.

**57** Leiarane og vismennene deira skjenkjer eg fulle, og statthaldarane, stormennene og krigarane hennar. Då fell dei i ein evig søvn som dei ikkje skal vakna frå, seier kongen, Herren over hærskarane er hans namn.

**58** Så seier Herren over hærskarane: Babels breie murar skal jamnast med jorda og dei høge portane brennast. Folka strevar til inga nytte, det folkeslag har slite for, går opp i logar.

#### **Jeremias bodskap til Babel**

**59** Dette oppdraget gav profeten Jeremia til Seraja, son til Neria, Mahsejas son, då han drog til Babel saman med Juda-kongen Sidkia i det fjerde året han var konge. Seraja hadde ansvar for å få tak i husrom.

**60**Jeremia hadde skrive opp i ei bok alt det vonde som skulle koma over Babel, alle dei orda som her er skrivne om Babel.

**61**Jeremia sa til Seraja: Når du kjem til Babel, skal du syta for å lesa opp alle desse orda.

<sup>62</sup>Du skal seia: «Herre, du har tala mot denne staden og sagt at du skal øydeleggja han så ingen kan bu der, korkje menneske eller dyr. Han skal bli til ein ørken for alltid.»

<sup>63</sup> Når du er ferdig med å lesa opp denne boka, skal du binda ein stein til henne, kasta henne ut i Euftrat

<sup>64</sup>og seia: «Slik skal Babel søkka og aldri koma opp att.» For eg sender ulukke over henne. Her endar orda til Jeremia.

## Jeremia 52

### Jerusalems fall

<sup>1</sup> Sidkia var tjuuein år gammal då han vart konge, og han styrte i Jerusalem i elleve år. Mor hans heitte Hamutal og var dotter til Jeremia frå Libna.

<sup>2</sup> Sidkia gjorde det som vondt var i Herrens auge, i eitt og alt som Jojakim hadde gjort.

<sup>3</sup> Fordi Herren var vreid på Jerusalem og Juda, gjekk det som det gjorde, og til sist kasta han dei bort frå sitt andlet. Sidkia gjorde opprør mot kongen av Babel.

<sup>4</sup> Då drog Nebukadnesar med heile sin hær mot Jerusalem. Det var i det niande styringsåret til Sidkia, den tiande dagen i den tiande månaden. Dei slo leir utfor byen og bygde ein voll rundt han.

<sup>5</sup> Og byen var kringsett til kong Sidkias ellefte styringsår.

<sup>6</sup> Den niande dagen i den fjerde månaden, då hungersnauda var som verst og folket ikkje hadde meir mat,

<sup>7</sup> braut fienden gjennom bymuren. Om natta flykta alle krigarane og forlét byen gjennom porten mellom dei to murane, ved kongens hage, endå kaldearane hadde kringsett byen. Og dei tok vegen mot Araba-sletta.

<sup>8</sup> Men kaldearhæren sette etter kong Sidkia og nådde han att på slettene ved Jeriko. Då hadde heile hæren flykta frå han og var spreidd.

<sup>9</sup>Kongen vart gripen og ført opp til Ribla i Hamat-landet, til kongen av Babel, som felte dommen over han.

<sup>10</sup> Kongen av Babel drap sønene til Sidkia medan han såg på. Alle leiarane i Juda drap han òg der i Ribla.

<sup>11</sup>Så stakk han ut auga på Sidkia. Kongen av Babel batt han med bronselenkjer og førte han til Babel. Der vart han halden i fengsel til sin døyande dag.

<sup>12</sup> Den tiande dagen i den femte månaden – det var i det nittande styringsåret til Nebukadnesar – kom ein av dei fremste mennene til Babel-kongen til Jerusalem. Han heitte Nebusaradan og var sjef for livvakta.

<sup>13</sup>Nebusaradan sette Herrens hus og kongeborga i brann. Alle husa og palassa i Jerusalem brende han opp.

<sup>14</sup>Og heile kaldearhæren som stod under kommandoen hans, reiv murane rundt Jerusalem.

<sup>15</sup>Så førte Nebusaradan i eksil nokre av dei fattigaste i folket og dei som var att i byen, og dei som hadde falle frå og gått over til Babel-kongen, og resten av handverkarane.

<sup>16</sup>Berre ein del av dei fattigaste i landet lét Nebusaradan vera att; dei skulle arbeida på vinmarkene og på åkrane.

<sup>17</sup> Kaldearane slo sund bronsesøylene i Herrens hus, vognstativa og bronsehavet som stod der. All bronzen førte dei til Babel.

<sup>18</sup>Dei tok oskefata og eldskuffene, lysesaksene, offerskålene og røykjelsesskålene og alt utstyr av bronse som hadde vore i bruk i gudstenesta.

<sup>19</sup>Sjefen for livvakta tok òg med seg alt som var av gull og sølv: bollane og glopannene, offerskålene og oskefata, lysestakane, røykjelsesskålene og kannene til drikkofferet.



<sup>20</sup> Dei to søylene, det eine havet, dei tolv bronseoksaner under det og vognstativa som Salomo hadde laga til Herrenshus – alle desse tingar inneheldt så mykje bronse at dei ikkje kunne vegast.

<sup>21</sup> Begge søylene var atten alner høge og tolv alner i omkrins. Dei var fire fingrar tjukke og hole.

<sup>22</sup> Begge hadde eit søylehovud av bronse, og kvart søylehovud var fem alner høgt. Rundt om på søylehovudet var det slyngornament av granateple, alt saman av bronse. Slik var begge søylene.

<sup>23</sup> Nittiseks granateple hang fritt. I alt var det hundre granateple rundt om på slyngornamenta.

#### **Judearane blir førte i eksil til Babel**

<sup>24</sup> Sjefen for livvakta tok med seg øvstepresten Seraja og Sefanja, presten under han, og dei tre dørvaktarane.

<sup>25</sup> Frå byen tok han med seg ein hoffmann som hadde tilsyn med krigarane, sju av kongens fremste tenestemenn som endå var i byen, dessutan skrivaren til hærføraren, han som skreiv ut folk i landet til krigsteneste, og seksti mann av folket elles som fanst i byen.

<sup>26</sup> Alle desse tok Nebusaradan, sjefen for livvakta, med seg. Han førte dei til Babel-kongen i Ribla,

<sup>27</sup> og kongen slo dei i hel der, i Ribla i Hamat-landet. Slik vart folket i Juda ført bort frå landet sitt.

<sup>28</sup> Dette er folket som Nebukadnesar førte i eksil: i det sjuande styringsåret 3023 frå Juda,

<sup>29</sup> i Nebukadnesars attande år 832 frå Jerusalem.

<sup>30</sup> I Nebukadnesars tjuetredje år førte Nebusaradan, livvaktssjefen, 745 judearar i eksil. Til saman var det 4600 personar.

#### **Kong Jojakin blir teken til nåde**

<sup>31</sup> I det trettisjuande året etter at Juda-kongen Jojakin var bortført, den tjuesjuande dagen i den tolvte månaden i det året han sjølv vart konge, tok Babel-kongen Evil-Merodak Juda-kongen Jojakin til nåde og henta han ut or fengselet.

<sup>32</sup>Han snakka venleg med han og gav han den fremste plassen mellom dei andre kongane som var hos han i Babel.

<sup>33</sup>Jojakin fekk leggja av fangedrakta, og han åt alltid ved kongens bord så lenge han levde.

<sup>34</sup>Sitt daglege brød fekk han av Babel-kongen, dag for dag så lenge han levde, til sin døyande dag.

## Klagesongane

### Klagesongane 1

#### Første song

*Alef*

א

<sup>1</sup> Einsam sit ho, den folkerike byen. Ho har vorte enkje, den store mellom folka. Dronninga mellom landa har vorte slave.

*Bet*

ב

<sup>2</sup> Ho græt om natta, kinnet er vått av tårer. Ingen av elskarane trøystar henne. Venene har svike, dei har vorte fiendar.

*Gimel*

ג

<sup>3</sup> Juda drog i eksil etter naud og slaveri. Ho bur mellom folka, finn ikkje kvile. Dei som jaga, tok henne att der det var trongast.

*Dalet*

ד

<sup>4</sup> Vegane til Sion sørgjer, ingen kjem til festane. Byportane ligg aude, prestane sukker. Ungjentene klagar, sjølv har ho bitter sorg.

*He*

ה

<sup>5</sup> Motstandarane har vorte herrar, fienden lever trygt. Herren har late henne lida for hennar mange synder. Fienden dreiv småborna framfor seg som fangar.

*Waw*

ו

<sup>6</sup> Dotter Sion mista all si prakt. Hovdingane hennar likna hjortar som ikkje finn beite. Kraftlause gjekk dei framfor han som jaga.

*Zajin*

ז

**7**Jerusalem minnest, heimlaus, i naud, fortids prakt. Folket fall for fiendehand, ingen hjelpar fanst. Fienden såg på og lo medan ho gjekk under.

*Het*

ה

**8**Jerusalem har synda grovt, difor er ho urein. Alle som æra henne, foraktar henne, dei har sett henne naken. Ho stønnar og snur seg bort.

*Tet*

ט

**9**Ureinskapen viste på kappa, ho tenkte ikkje det skulle enda slik. Djupt sokk ho, ingen trøysta henne. Herre, sjå mi naud, fienden triumferer!

*Jod*

י

**10**Fienden greip etter skattane hennar. Ho såg folkeslaga gå inn i heilagdomen, dei du nekta å koma inn i di forsamling.

*Kaf*

כ

**11**Alt folket hennar stønnar medan dei leitar etter brød. Dei byter skattar mot mat for å berga livet. Sjå, Herre, sjå hit! Eg er forakta.

*Lamed*

ל

**12**Sjå hit, de som går forbi på vegen. Finst det ei smerte som mi, den som har råka meg? Den lét Herren meg lida på sin brennande vreidedag.

*Mem*

מ

**13**Han sende eld frå det høge, lét han herja i knoklane mine. Han sette ut nett for føtene og lét meg vika tilbake. Han har gjort meg til ei øydemark, heile tida er eg sjuk.

*Nun*

נ

14 Med handa knytte han syndene mine i hop, dei vart bundne saman til eit åk. Dei låg over nakken på meg, og kreftene svikta. Herren gav meg i hendene på folk eg ikkje kunne stå meg imot.

*Samek*

ס

15 Herren vraka alle mine krigarar. Han ropa ut for meg ei høgtid då mine unge menn skulle knusast. I vinpressa trakka Herren ned jomfrua, dotter Juda.

*Ajin*

י

16 Difor græt eg, tårene strøymar frå auga. Den som kan trøysta og berga mitt liv, er langt borte frå meg. Borna mine ligg forlatne, fienden var for sterk.

*Pe*

פ

17 Sion rette ut hendene, ingen trøysta henne. Herren gav påbod om Jakob, fienden omringa han. Då vart Jerusalem urein for dei.

*Tsade*

צ

18 Herren er rettferdig. Eg hadde trassa det han sa. Høyr då på meg, alle folk, sjå kor eg lid! Unge jenter og gutar måtte gå i fangenskap.

*Qof*

ק

19 Eg ropa på elskarane mine, dei sveik meg. Prestane mine og dei eldste døydde i byen. Dei leita etter mat så dei kunne berga livet.

*Resj*

ר

20 Sjå, Herre, eg er i naud. Magen er uroleg, hjartet vrid seg. For eg var full av trass. Ute har sverd gjort meg barnlaus, inne rår døden.

*Sjin*

ש

<sup>21</sup> Dei høyrer at eg sukkar, ingen trøystar meg. Alle fiendar høyrer om mi ulukke og gleder seg. Men det var du som stod bak. Dagen du ropa ut, lét du koma. Men det skal gå med dei som med meg.

*Taw*

ת

<sup>22</sup>Du må merka deg all deira vondskap! Gjev dei att slik du gav meg att for alle syndene mine. For sukkane er mange, og hjartet mitt er sjukt.

## Klagesongane 2

### Andre song

*Alef*

א

<sup>1</sup>I vreide dekkjer Herren dotter Sion med mørke skyer! Han har kasta Israels prydnad frå himmelen ned på jorda. Sin fotskammel kom han ikkje i hug på sin vreidedag.

*Bet*

ב

<sup>2</sup>Herren slukte beitemarkene i Jakob, han sparte ingen av dei. I sinne reiv han ned kvar festning hos dotter Juda, jamna dei med jorda, vanæra riket og hovdingane.

*Gimel*

ג

<sup>3</sup>I brennande vreide hogg han av kvart horn i Israel. Han heldt høgre handa tilbake då fienden kom. I Jakob brann han som ein flammande eld som øydde alt omkring seg.

*Dalet*

ד

<sup>4</sup>Som fienden spente han bogen, stod klar med si høgre hand, som motstandaren drap han alt som gav auget glede. Han auste harme ut som eld over teltet til dotter Sion.

*He*

ה

<sup>5</sup>Herren vart ein fiende. Han slukte Israel, slukte alle borgene, gjorde ende på festningane og dunga dotter Juda ned med sorg og sut.

*Waw*

ו

<sup>6</sup>Han raserte si hytte som ein snøyer ein hage, gjorde ende på høgtidsstaden. Herren lét høgtid og sabbat bli gløynde i Sion. I harme og vreide har han forakta konge og prest.

*Zajin*

ז

<sup>7</sup>Herren støyttte sitt altar bort, vraka sin heilagdom. Borgmurane i byen gav han i fiendens hender. Dei ropa høgt i Herrens hus som på ein høgtidsdag.

*Het*

ה

<sup>8</sup>Herren sette seg føre å øydeleggja muren rundt dotter Sion. Han strekte målesnora og reiv ned, lét ikkje handa liggja. Slik lét han voll og mur sørgja. Begge fall.

*Tet*

ט

<sup>9</sup>Portane har sokke i jorda. Bommane har han brote sund. Konge og stormenn er i framandt land. Det finst inga lov, sjølv ikkje profetane får syn frå Herren.

*Jod*

י

<sup>10</sup>Dei eldste i Sion sit tause på jorda. Dei har kasta støv på hovudet, kledd seg i sekkestrie. Jentene i Jerusalem bøyer hovudet mot jorda.

*Kaf*

כ

<sup>11</sup>Auga er såre av gråt, magen er uroleg, gallen er helt ut på jorda. Folket, mi dotter, er knust, småborn og spedborn forgår på gatene i byen.

*Lamed*

ל

**12** Dei spør mødrene sine: «Kvar er brød og vin?» Dei sig om som var dei såra på gatene i byen, livet ebbar ut på mors fang.

*Mem*

מ

**13** Kva skal eg seia til deg, kva liknar du, dotter Jerusalem? Kva skal eg likna deg med, dotter Sion, for å trøysta deg, unge jente? Skaden din er stor som havet, kven kan lækja deg?

*Nun*

נ

**14** Det profetane dine såg, var berre løgn og blendverk. Dei viste deg ikkje di skuld, vende ikkje din lagnad. Bodskapen deira kom frå falske, forførande syn.

*Samek*

ס

**15** Alle som går forbi deg, slår hendene saman, dei plystrar og rister på hovudet av dotter Jerusalem. Var det om denne byen folk sa: Fullkomen i venleik, ei glede for heile jorda?

*Pe*

פ

**16** Alle fiendar gapar mot deg. Dei plystrar hånleg og skjer tenner. Dei seier: Vi har slukt henne. Dette er dagen vi venta på; endeleg fekk vi sjå han!

*Ajin*

צ

**17** Herren har gjort som han tenkte, han har oppfylt ordet sitt, det han har kunngjort frå gammal tid. Han reiv ned utan skånsel, lét din motstandar gleda seg og lyfte hornet til fienden.

*Tsade*

צ

**18** Hjartet ropar til Herren. Lat tårene renna som bekker, du mur rundt dotter Sion, både dag og natt! Unn deg ikkje kvile, lat ikkje auget få ro!

*Qof*



ק

<sup>19</sup> Stå opp, rop høgt om natta, rop ved kvar nattevakt. Aus hjartet ditt ut som vatn for Herrens andlet. Lyft hendene til han for livet til småborna dine, som forgår av svolt på alle gatehjørne.

*Resj*

ר

<sup>20</sup> Sjå, Herre, sjå kven du har gjort dette med! Skal kvinner eta borna sine, småborna dei ber på armen? Skal prest og profet bli drepne i Herrens heilagdom?

*Sjin*

ש

<sup>21</sup> Unge og gamle ligg på bakken ute i gatene. Mine unge jenter og gutar har falle for sverd. Du drap dei på din vreidedag, du slakta utan skånsel.

*Taw*

ת

<sup>22</sup> Slik du samlar folket ein høgtidsdag, kalla du saman redsler frå alle kantar. Ingen slapp unna, ingen overlevde på Herrens vreidedag. Dei eg hadde bore og fostra, gjorde fienden ende på.

### Klagesongane 3

#### Tredje song

*Alef*

א

<sup>1</sup> Eg er ein mann som har opplevd naud under staven han brukte i sinne.

<sup>2</sup> Han har ført meg og late meg gå i mørker og ikkje i lys.

<sup>3</sup> Han har vendt handa mot meg gong på gong, utan stans.

*Bet*

ב

<sup>4</sup> Han har knust knoklane mine, late kjøt og hud tærast bort.

<sup>5</sup> Han har bygd ein mur mot meg, kringsett meg med gift og motgang.

<sup>6</sup>På mørke stader lèt han meg bu lik dei som døydde for lenge sidan.

*Gimel*

λ

<sup>7</sup>Han har mura meg inne, eg kjem ikkje ut, han har gjort lenkjene tunge.

<sup>8</sup>Sjølv når eg skrik og ropar om hjelp, stengjer han bøna mi ute.

<sup>9</sup>Han har sperra vegen med steinblokker, gjort stigane mine krokete.

*Dalet*

᚛

<sup>10</sup>Ein bjørn som ligg på lur, ei løve i bakhald er han mot meg.

<sup>11</sup>Han har ført meg på villspor, rive meg sund og øydelagt meg.

<sup>12</sup>Han har spent bogen og stilt meg opp som mål for pila.

*He*

᚛

<sup>13</sup>Inn i nyrene har han skote sine piler.

<sup>14</sup>Eg har vorte til latter for alt mitt folk, dei syng om meg heile dagen.

<sup>15</sup>Med beiske urter har han metta meg, han har sløkt tørsten min med malurt.

*Waw*

᚛

<sup>16</sup>Han har knust tennene mine med grus, trakka meg ned i støvet.

<sup>17</sup>Du har teke freden frå meg, eg har gløymt kva det gode er.

<sup>18</sup>Eg sa: Mi ære har gått tapt, eg har inga von til Herren.

*Zajin*

᚛

<sup>19</sup>Tenk på mi naud og heimløyse. Dei er malurt og gift.

<sup>20</sup>Eg tenkjer på det heile tida, mi sjel er nedtrykt.

<sup>21</sup>Men éin ting legg eg meg på hjartet, og dette gjev meg von:

*Het*

π

- 22 Herren er nådig, vi går ikkje til grunne. Hans miskunn tek ikkje slutt,  
 23 ho er ny kvar morgon. Din truskap er stor.  
 24 Eg seier: Herren er min del, eg set mi von til han.

*Tet*

ϑ

- 25 Herren er god mot dei som ventar på han og søker han.  
 26 Det er godt å vera stille og venta på hjelp frå Herren.  
 27 Det er godt for ein mann å bera åk medan han er ung.

*Jod*

Ͽ

- 28 Når det blir lagt på han, skal han sitja einsam og teia,  
 29 leggja munnen i støvet, kanskje er det von.  
 30 Han skal snu kinnet til den som slår, og mettast med spott.

*Kaf*

כ

- 31 Herren støyter ingen bort for alle tider.  
 32 Har han late nokon lida, skal han visa miskunn, rik på kjærleik.  
 33 Det er ikkje med lett hjarte han plagar mennesket og lèt det lida.

*Lamed*

ל

- 34 Dei kan trakka på alle fangar i landet.  
 35 Dei kan krenkja retten til ein mann for auga på Den høgste.  
 36 Dei kan fordreia saka til eit menneske, men Herren har sett det.

*Mem*

מ

- 37 Kven kan tala så det hender om ikkje Herren har bode det?  
 38 Kjem ikkje både vondt og godt frå Den høgstes munn?

<sup>39</sup>Kvifor klagar den som lever? Kvifor klagar ein mann over si synd?

*Nun*

נ

<sup>40</sup> Lat oss ransaka og prøva våre vegar og venda om til Herren!

<sup>41</sup> Lat oss lyfta hjarte og hender til Gud i himmelen!

<sup>42</sup> Vi har gjort opprør og vore trassige, og du tilgav ikkje.

*Samek*

ס

<sup>43</sup> Du dekte deg med vreide og jaga oss, du drap, du sparte ingen.

<sup>44</sup> Du dekte deg med skyer, inga bøn rakk fram.

<sup>45</sup> Du gjorde oss til skrap og skrot mellom folka.

*Pe*

פ

<sup>46</sup> Alle fiendane våre gapar mot oss.

<sup>47</sup> Det vart gru og grav, krasing og knusing.

<sup>48</sup> Tårer strøymer frå auget, folket, mi dotter, er knust.

*Ajin*

א

<sup>49</sup> Auget fløymer over utan stans, det tek ikkje slutt

<sup>50</sup> før Herren vender blikket og ser ned frå himmelen.

<sup>51</sup> Det gjer vondt å sjå kvinnene i byen min.

*Tsade*

צ

<sup>52</sup> Utan grunn har mine fiendar jaga meg som ein fugl.

<sup>53</sup> Dei dreiv meg ned i brønnen og kasta stein over meg.

<sup>54</sup> Vatnet stig over hovudet mitt, eg seier: Det er ute med meg.

*Qof*

ק

<sup>55</sup> Eg kallar på ditt namn, Herre, frå botnen av brønnen.

<sup>56</sup> Du har høyrte meg, lukk ikkje øyret når eg ropar om lindring!

<sup>57</sup> Du kom den dagen eg ropa, du sa: Ver ikkje redd!

*Resj*

ר

<sup>58</sup> Du har ført saka mi, Herre, du har løyst ut livet mitt.

<sup>59</sup> Du har sett kva urett eg lid, Herre, hjelp meg til min rett!

<sup>60</sup> Du har sett hemnlysta deira, kva for planar dei har med meg.

*Sjin*

ש

<sup>61</sup> Du har høyrte spotten deira, Herre, kva for planar dei har mot meg.

<sup>62</sup> Uvenene mine tiskar og kviskrar om meg dagen lang.

<sup>63</sup> Sjå dei der dei sit og står, dei syng nidviser om meg.

*Taw*

ת

<sup>64</sup> Herre, lat dei få som fortent for det dei har gjort.

<sup>65</sup> Lyft di forbanning over hjartet deira som eit skjold.

<sup>66</sup> Jag dei i vreide og rydd dei ut under Herrens himmel.

## Klagesongane 4

### Fjerde song

*Alef*

א

<sup>1</sup> Gullet har mista sin glans, det fine gullet er forandra! Dei heilage steinane ligg strødde på alle gatehjørne.

*Bet*

ב

<sup>2</sup> Sions utvalde søner, verde si vekt i gull, blir rekna som leirkar, eit verk av pottemakerhand!

*Gimel*

ג

<sup>3</sup>Jamvel sjakalar held spenane fram, dei lèt ungane suga. Men folket, mi dotter, har vorte hjartelaust som strutsen i ørkenen.

*Dalet*

ד

<sup>4</sup>Spedborna er tørste, tunga klistrar seg til ganen. Småborna tiggjar om brød, men ingen gjev dei ein bit.

*He*

ה

<sup>5</sup>Dei som åt lekke retter, fell om i gatene. Dei som vart fostra opp i skarlak, kastar seg over dungane.

*Waw*

ו

<sup>6</sup>Skulda til folket, mi dotter, er større enn synda i Sodoma, som brått vart øydelagd utan at nokon hadde rørt henne.

*Zajin*

ז

<sup>7</sup>Dei innvigde i folket mitt var reinare enn snø, meir skinande enn mjølk. Kroppen deira var raudare enn korallar, lemene var av safir.

*Het*

ח

<sup>8</sup>Dei har vorte svartare enn sot, ein kjenner dei ikkje att på gata. Huda strammar seg om knoklane, ho har vorte tørr som ved.

*Tet*

ט

<sup>9</sup>Betre var det å falla for sverd enn å falla for svolt, tærast bort og drepast av åkrar utan grøde.

*Jod*

י

**10** Kjærlege kvinner koker borna sine, dei har vorte maten deira. Folket, mi dotter, er knust.

*Kaf*

כ

**11** Herren har aust av sin harme, tømt ut sin brennande vreide. Han har sett fyr på Sion, grunnvollane øydest i eld.

*Lamed*

ל

**12**Ingen konge på jorda, ingen i heile verda trudde at ein motstandar eller fiende kunne koma inn gjennom Jerusalems portar.

*Mem*

מ

**13** Det hende fordi profetane synda og prestane førte skuld over seg. Dei lét blodet av rettferdige renna i byen.

*Nun*

נ

**14** Blinde flakkar dei om i gatene, tilsølte med blod, ingen kan røra kleda deira.

*Samek*

ס

**15** «Av vegen! Urein!» ropar folk til dei. «Av vegen! Ikkje rør!» Dei rømmer og vildrar omkring. Alle folkeslag seier: «Dei får ikkje bu her.»

*Pe*

פ

**16** Herren sjølv har spreidd dei, han vil ikkje sjå dei lenger. Dei vørde ikkje prestane og var ikkje nådige mot dei gamle.

*Ajin*

צ

**17** Vi held ut, auga blir såre, vi ser fåfengt etter hjelp. Vi har stått på vakt og speida etter eit folk som ikkje kunne hjelpa.

*Tsade*

ז

<sup>18</sup>Dei vakta kvart steg vi tok, vi kunne ikkje gå på gatene våre. Enden var nær, vår tid var ute, ja, enden var komen.

*Qof*

ק

<sup>19</sup>Dei som jaga oss, var snarare enn ørnane under himmelen. Over fjella forfølgde dei oss, i ørkenen låg dei og lurte på oss.

*Resj*

ר

<sup>20</sup> Herrens salva, vår pust, vart fanga i gravene deira. Det var om han vi sa: «I hans skugge skal vi leva mellom folka.»

*Sjin*

ש

<sup>21</sup> Fryd og gled deg, dotter Edom, du som bur i landet Us. Men begeret kjem til deg òg, du skal bli full og kle deg naken.

*Taw*

ת

<sup>22</sup> Di skuld er betalt, dotter Sion, aldri meir vil han føra deg bort. Men di skuld, dotter Edom, straffar han deg for, dine synder viser han fram.

## Klagesongane 5

### Femte song

<sup>1</sup>Herre, tenk på det som har hendt oss, sjå hit, sjå kor dei spottar oss!

<sup>2</sup>Eigedomen vår har gått til framande, husa våre til utlendingar.

<sup>3</sup>Vi er farlause, mødrene våre har vorte enkjer.

<sup>4</sup>Vi må kjøpa vatnet vi drikk, veden må vi betala for.

<sup>5</sup>Vi har forfølgjarane på nakken, vi er trøytt og får ikkje kvila.

<sup>6</sup>Vi har rett ut handa til Egypt og til Assur for å få brød.

<sup>7</sup>Fedrane våre synda; dei er borte, vi har bore straffa.



- <sup>8</sup> Slavar har vorte herrane våre, ingen riv oss ut av hendene deira.
- <sup>9</sup> Vi hentar brød med fare for livet, i ørkenen trugar sverdet.
- <sup>10</sup> Huda vår er heit som ein omn av svolten som brenn.
- <sup>11</sup> Dei valdtek kvinnene i Sion og jomfruene i Judas byar.
- <sup>12</sup> Dei hengjer stormenn, ærar ikkje dei eldste.
- <sup>13</sup> Unge menn lyt slita med kverna, gutar sig under vedbøra.
- <sup>14</sup> Dei gamle sit ikkje lenger i porten, dei unge har slutta å syngja.
- <sup>15</sup> Vi har ikkje lenger glede i hjartet, dansen er omsnudd til sorg.
- <sup>16</sup> Kransen har falle av hovudet. Ve oss, vi har synda!
- <sup>17</sup> Hjartet har vorte sjukt, auga har vorte dimme.
- <sup>18</sup> For Sion-fjellet ligg audt, revar streifar omkring der.
- <sup>19</sup> Du, Herre, tronar til evig tid, din kongsstol står frå slekt til slekt.
- <sup>20</sup> Kvifor har du gløymt oss for alltid, gått frå oss for alle tider?
- <sup>21</sup> Herre, før oss tilbake til deg, så vi kan venda attende. Gjer dagane våre nye, slik dei var før!
- <sup>22</sup> Men du har vraka oss, du er rasande.

## Esekiel

### Esekiel 1

#### Esekiel blir kalla til profet

<sup>1</sup> Det var i det trettiande året, på den femte dagen i den fjerde månaden, medan eg var mellom dei bortførte attmed Kebar-elva, at himmelen opna seg. Eg såg syn av Gud.

<sup>2</sup> På den femte dagen i månaden – det var i det femte året etter at kong Jojakin var bortført –

<sup>3</sup> kom Herrens ord til presten Esekiel, son til Busi, attmed Kebar-elva i Kaldea. Herrens hand kom over han der.

#### Esekiel får sjå Guds herlegdom

<sup>4</sup> Eg såg, og sjå! – ein stormvind kom frå nord, ei veldig sky og ein logande eld. Om skya var det ein lysglans. Og ut frå midten blinka det som av skinande metall, ut frå elden.

<sup>5</sup> Frå midt inni elden kom det noko som likna fire levande skapningar, og slik såg dei ut: Dei likna menneske.

<sup>6</sup> Men kvar av dei hadde fire andlet og fire venger.

<sup>7</sup> Føtene deira var beine, fotblada likna kalveklauber, og dei skein som blankpussa bronse.

<sup>8</sup> Dei hadde menneskehender under vengene på alle fire sidene, og alle fire heldt andleta og vengene slik:

<sup>9</sup> Vengene deira nådde i kvarandre. Dei snudde seg ikkje når dei gjekk. Kvar av dei gjekk beint fram.

<sup>10</sup> Framme likna andleta menneskeandlet. Til høgre hadde alle fire løveandlet, til venstre okseandlet og ørneandlet bak.

<sup>11</sup> Slik såg andleta ut. Vengene var utspente ovanfrå, slik at to nådde borti kvarandre. Dei to andre vengene dekte kroppen.

<sup>12</sup> Kvar av dei gjekk beint fram. Dit ånda førte dei, gjekk dei; dei snudde seg ikkje når dei gjekk.

<sup>13</sup> Dei som likna levande skapningar, såg ut som brennande kol, som faklar såg dei ut. Elden fór att og fram mellom dei. Det blinka og lynte av han.

<sup>14</sup> Skapningane fór att og fram, det såg ut som lynet.

<sup>15</sup> Eg såg på dei fire skapningane, og sjå! – det stod eit hjul på bakken attmed kvar av dei.

<sup>16</sup> Hjula såg ut som dei var laga av noko som likna krysolitt, og alle fire var like. Det såg ut som dei var laga slik at det eine hjulet var inni det andre.

<sup>17</sup> Dei kunne røra seg til alle fire sidene, men dei snudde seg ikkje når dei gjekk.

<sup>18</sup> Hjula var høge og skremmande, og det var fullt av auge rundt om på alle dei fire hjulringane.

<sup>19</sup> Når skapningane rørte seg, rørte også hjula seg attmed dei, og når skapningane lyfte seg frå jorda, lyfte hjula seg òg.

<sup>20</sup> Dit ånda ville at dei skulle gå, dit gjekk dei. Og hjula lyfte seg saman med dei, for ånda til skapningane var i hjula.

<sup>21</sup> Dei gjekk når skapningane gjekk, og stansa når dei stansa. Og når dei lyfte seg frå jorda, lyfte hjula seg saman med dei, for ånda til skapningane var i hjula.

<sup>22</sup> Over hovuda på skapningane var det noko som likna ein kvelv. Han var spent ut høgt over hovuda på dei og såg ut som is – skremmande.

<sup>23</sup> Under kvelven strekte vengene seg ut mot kvarandre. Kvar skapning hadde to venger til, to venger som dekte kroppen.

<sup>24</sup> Og eg høyrde lyden av vengene når dei rørte på seg. Det var som lyden av veldige vassmengder, som røysta til Den veldige. Bråket var som lyden av ein hær. Når dei stansa, senka dei vengene.

<sup>25</sup> Det buldra frå kvelven over hovudet deira når dei stansa og senka vengene.

<sup>26</sup> Over kvelven som var over hovudet på dei, var det noko som såg ut som safirstein og likna ein tronstol. Oppe på trona sat det ein som var lik eit menneske å sjå til.

<sup>27</sup>Frå det som såg ut til å vera hoftene og oppover, såg eg noko som likna skinande metall med noko som såg ut som eld omkring. Og frå hoftene og nedover såg eg noko som såg ut som eld med ein lysglans omkring.

<sup>28</sup> Lysglansen såg ut som bogen i skya ein regnvêrsdag. Det var dette Herrens herlegdom likna, slik såg han ut. Då eg fekk sjå det, kasta eg meg ned med andletet mot jorda, og eg hørde røysta til ein som tala.

## Esekiel 2

### Bokrullen

<sup>1</sup> Han sa til meg: «Menneske! Reis deg opp, så skal eg tala med deg.»

<sup>2</sup> Då han tala til meg, kom det ånd i meg. Ho reiste meg opp på føtene, og eg kunne høyra han som tala til meg.

<sup>3</sup> Han sa til meg: «Menneske! Eg sender deg til israelittane, til opprørske folkeslag som har reist seg imot meg. Dei og fedrane deira har synda mot meg til denne dag.

<sup>4</sup> Til desse borna med steinandlet og harde hjarte sender eg deg, og du skal seia til dei: Så seier Herren Gud.

<sup>5</sup> Og anten dei vil høyra eller ikkje – for ei trassig ætt er dei – så skal dei forstå at ein profet har vore hos dei.

<sup>6</sup> Men du, menneske, ver ikkje redd dei, og ver ikkje redd for det dei seier, sjølv om klunger er omkring deg og du bur mellom skorpionar. Lat deg ikkje skremma av det dei seier, og mist ikkje motet, sjølv om dei er ei trassig ætt.

<sup>7</sup> Du skal tala mine ord til dei anten dei vil høyra eller ikkje, for trassige er dei.

<sup>8</sup> Men du, menneske, høyr på det eg har å seia deg! Ver ikkje trassig som denne trassige ætta. Lat opp munnen og et det eg vil gje deg.»

<sup>9</sup> Eg såg, og sjå! – ei hand var rett fram mot meg, og ho heldt ein bokrull.

<sup>10</sup> Han opna rullen framfor meg. Det var skriva på han, både inni og utanpå. Og det som stod skriva der, var likklage, sukk og verop.

### Esekiel 3

<sup>1</sup> Han sa til meg: «Menneske, et det du finn her! Et denne rullen! Gå så og tal til Israels hus!»

<sup>2</sup> Då opna eg munnen, og han lét meg eta rullen.

<sup>3</sup> «Menneske», sa han. «Mett magen din og fyll innvolane dine med denne rullen som eg gjev deg.» Då åt eg rullen, og han gav ein søt smak i munnen som honning.

<sup>4</sup> Så sa han til meg: «Menneske, gå til Israels hus og tal mine ord til dei!

<sup>5</sup> Det er ikkje til eit folk med tungt og vanskeleg språk du blir send, men til Israels hus,

<sup>6</sup> ikkje til mange folk med så tunge og vanskelege språk at du ikkje oppfattar kva dei seier. Om det var dei eg sende deg til, hadde dei høyrte på deg.

<sup>7</sup> Men Israels hus vil nekta å høyra på deg, for dei nektar å høyra på meg. For alle har harde panner og steinhjarte.

<sup>8</sup> Sjå, eg gjer andletet ditt like hardt som deira andlet og panna di like hard som deira panne.

<sup>9</sup> Som diamant, ja, hardare enn flint gjer eg panna di. Ikkje ver redd dei og ikkje skjelv for dei, sjølv om dei er ei trassig ætt.»

<sup>10</sup> Så sa han til meg: «Menneske, alle orda eg talar til deg, skal du gripa med hjartet og lytta til med øyra.

<sup>11</sup> Gå til dei bortførte av folket ditt, tal til dei og sei: Så seier Herren Gud – anten dei vil høyra eller ikkje.»

<sup>12</sup> Då lyfte ånda meg opp, og bak meg høyrde eg ljomen av ei kraftig røyst: «Herrens herlegdom vere lova frå hans bustad!»

<sup>13</sup>Og eg høyrde lyden av skapningane når vengene deira støyte mot kvarandre, lyden av hjula attmed dei og lyden av ein sterk ljom.

<sup>14</sup>Ånda lyfte meg opp og tok tak i meg, eg fór av stad, beisk og oppøst, og Herrens hand var over meg med styrke.

<sup>15</sup>Eg kom til dei bortførte i Tel-Abib, dei som budde attmed Kebar-elva og heldt til der. Og der sat eg hos dei i sju dagar, heilt lamslegen.

#### **Profeten som vaktmann**

<sup>16</sup>Då dei sju dagane var gått, kom Herrens ord til meg:

<sup>17</sup>Menneske, eg set deg til vaktmann over Israels hus. Når du høyrer eit ord frå min munn, skal du åtvara dei frå meg.

<sup>18</sup>Når eg seier til den urettferdige: «Du skal døy» og du ikkje åtvarar han, ikkje talar slik at han blir åtvara mot sin urette veg så han kan leva, då skal den urettferdige døy for si synd. Og hans blod skal eg krevja av di hand.

<sup>19</sup>Om du åtvarar den urettferdige og han ikkje vender om frå sin urett og sin urette veg, då skal han døy for si synd. Men du har berga livet.

<sup>20</sup>Når ein rettferdig vender seg bort frå si rettferd og gjer urett, så legg eg ein snublestein i vegen hans; han skal døy. Om du ikkje åtvarar han, skal han mista livet for si synd, og ingen skal minnst hans rettferd. Og hans blod skal eg krevja av di hand.

<sup>21</sup>Om du åtvarar den rettferdige mot å synda og han ikkje syndar meir, då skal han leva fordi han lét seg åtvara. Og du har berga livet.

#### **Profeten skal bli mållaus**

<sup>22</sup>Herrens hand kom over meg der, og han sa til meg: «Stå opp og gå ned i dalen! Der vil eg tala til deg.»

<sup>23</sup>Då stod eg opp og gjekk ned i dalen. Og sjå, der stod Herrens herlegdom, lik den eg såg attmed Kebar-elva. Og eg kasta meg ned med andletet mot jorda.

<sup>24</sup>Men då kom det ånd i meg, og ho reiste meg opp på føtene. Han tala til meg og sa: «Gå og steng deg inne i huset ditt!

<sup>25</sup>Du menneske, sjå, dei skal slå tau omkring deg og binda deg fast, så du ikkje kan koma ut blant folk.

<sup>26</sup>Eg lèt tunga di hanga fast ved ganen, så du blir mållaus og ute av stand til å refsa dei. For ei trassig ætt er dei.

<sup>27</sup>Men når eg så talar til deg, vil eg opna munnen din. Då skal du seia til dei: Så seier Herren Gud: Den som vil høyra, han får høyra, men den som ikkje vil, får la det vera. For ei trassig ætt er dei.»

## Esekiel 4

### Varsel om Jerusalems fall

<sup>1</sup>Du menneske, ta ein teglstein og legg han framfor deg! På den skal du rissa inn ein by – Jerusalem.

<sup>2</sup>Du skal omringa byen, byggja skansar mot han og kasta opp ein voll omkring han. Lat hærar slå leir rundt byen og still opp rambukkar mot han på alle kantar!

<sup>3</sup>Ta deg ei jernplate og set henne som ein jernvegg mellom deg og byen, og vend andletet mot byen! Slik blir han omringa, og du går til åtak på han. Det skal vera eit teikn for Israels hus.

<sup>4</sup>Legg deg så på venstre sida og legg Israels skuld over på den. Like mange dagar som du ligg slik, skal du bera skulda til isrealittane.

<sup>5</sup>Like mange år som dei har synda, like mange dagar lèt eg deg få, tre hundre og nitti dagar. Så lenge skal du bera Israels skuld.

<sup>6</sup>Når du er ferdig med desse dagane, skal du leggja deg att, no på høgre sida, og bera skulda til Juda. I førti dagar, éin dag for kvart år, lèt eg deg bera henne.

<sup>7</sup>Vend så andletet mot det kringsette Jerusalem! Med berr arm skal du profetera mot byen!

<sup>8</sup>Sjå, eg bind deg fast med tau så du ikkje kan snu deg frå side til side før du er ferdig med dei dagane du skal omringa byen.

<sup>9</sup>Ta så kveite og bygg, bønner og linser, hirse og spelt, legg det opp i eit trau og bak brød av det! Så mange dagar som du ligg på sida, i tre hundre og nitti dagar, skal du eta av dette.

<sup>10</sup> Maten du et, skal vega tjue sjekel om dagen. Dette får du å eta på eit døgn.

<sup>11</sup> Vatnet òg skal du drikkja etter mål, ein sjettedels hin får du å drikkja på eit døgn.

<sup>12</sup>Byggkaker skal du eta. Dei skal du steikja på menneskemøkk, rett framfor auga på folk.

<sup>13</sup>Og Herren sa: Slik skal israelittane eta ureint brød mellom dei folkeslag eg driv dei bort til.

<sup>14</sup> Eg svara: «Nei, min Herre og Gud, eg har aldri gjort meg urein. Frå ungdommen av og til no har eg aldri ete av sjølvdaude eller ihelrivne dyr. Og ureint offerkjøt er aldri kome inn i min munn.»

<sup>15</sup>Då sa han til meg: «Sjå, i staden for menneskemøkk lèt eg deg bruka kumøkk til å steikja brødet ditt på.»

<sup>16</sup> Så sa han til meg: «Menneske, sjå, no bryt eg sund brødstaven i Jerusalem. Med uro skal dei eta brød etter vekt, og med skrekk skal dei drikkja vatn etter mål.

<sup>17</sup>Når dei slepp opp for brød og vatn, skal kvar og ein bli slegen av redsle og forgå på grunn av si skuld.»

## **Esekiel 5**

<sup>1</sup> Du menneske, ta deg eit kvast sverd, bruk det til rakekniv på hovud og skjegg! Skaff deg så ei skålvekt og del det som er kutta av.

<sup>2</sup> Ein tredjedel skal du brenna opp inne i byen når dagane med omringing er til ende, ein tredjedel skal du hogga opp med sverdet utanfor byen, ein tredjedel skal du spreia for vinden. Med drege sverd vil eg setja etter dei.



- <sup>3</sup>Nokre få hår skal du ta unna og samla i kappefliken din.
- <sup>4</sup>Og du skal ta nokre av dei og kasta på elden og brenna opp. Derifrå skal elden spreia seg over heile Israels hus.
- <sup>5</sup>Så seier Herren Gud: Dette er Jerusalem. Midt mellom folkeslaga har eg sett henne, og omkring henne ligg det mange land.
- <sup>6</sup>Men ho trassa lovene mine og var verre enn dei andre folkeslaga, ho trassa forskriftene mine, verre enn landa omkring. For dei forakta lovene mine og følgde ikkje forskriftene mine.
- <sup>7</sup>Difor seier Herren Gud: De har vore verre enn folkeslaga omkring dykk. For de følgjer ikkje mine forskrifter og held ikkje mine lover, de held ikkje eingong lovene til grannefolka.
- <sup>8</sup>Difor seier Herren Gud: Sjå, no kjem eg òg over deg og held dom over deg framfor auga på dei andre folka.
- <sup>9</sup>Eg vil gjera mot deg noko som eg ikkje før har gjort og aldri meir kjem til å gjera, på grunn av alt det avskyelege hos deg.
- <sup>10</sup> Difor skal foreldre hos deg eta borna sine, og born skal eta foreldra sine. Eg held dom over deg og spreier restane av deg for alle vindar.
- <sup>11</sup>Difor, så sant eg lever, seier Herren Gud: Fordi du har gjort heilagdomen min urein med alle dei motbydelege og avskyelege gudane dine, skal eg òg bruka rakekniven. Eg vil ikkje visa medkjensle og ikkje spara deg.
- <sup>12</sup>Ein tredjedel av deg skal døy av pest eller omkoma av svolt hos deg. Ein tredjedel skal falla for sverd rundt omkring deg. Og ein tredjedel vil eg spreia for alle vindar, eg skal forfølgja dei med sverd.
- <sup>13</sup>All min vreide skal eg tømme ut, eg bruker opp min harme på dei og tek hemn. Då skal dei kjenna at det er eg, Herren, som talar med sjalusi, når eg tømmer min harme ut over dei.
- <sup>14</sup> Eg gjer deg til ein ruinhaug og til spott for folkeslaga som bur omkring deg, og for alle som går forbi og ser deg.

<sup>15</sup> Du skal bli til spott og hån, til skrekk og åtvaring for grannefolka, når eg held dom over deg med brennande vreide og flammande straff. Eg, Herren, har tala.

<sup>16</sup> Når eg sender svolt inn mellom dykk som vonde piler, som er til for å øyda – dei eg sender for å øydeleggja dykk – då skal eg gjera svolten verre og verre for dykk. Eg skal bryta sund brødstaven hos dykk.

<sup>17</sup> Svolt og rovdyr sender eg mot deg, dei gjer deg barnlaus. Pest og blod skal råka deg, og eg lèt sverd koma over deg. Eg, Herren, har tala.

## Esekiel 6

### Straffa for Israels avgudsdyrking

<sup>1</sup> Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup> Menneske, vend andletet mot fjella i Israel og tal profetord mot dei!

<sup>3</sup> Du skal seia: Israels fjell, høyr ordet frå Herren Gud! Så seier Herren Gud til fjella og haugane, til bekkefara og dalane: Sjå, eg lèt sverd koma over dykk og gjer ende på offerhaugane.

<sup>4</sup> Altara dykkar skal øydeleggjast og røykjelsesaltara knusast. Og dei drepne slengjer eg ned framfor avgudane dykkar.

<sup>5</sup> Lika av israelittane legg eg framfor avgudane og spreier knoklane rundt altara.

<sup>6</sup> Kvar de så bur, skal byane leggjast i ruinar og offerhaugane bli forlatne, så altara dykkar blir lagde i ruinar og forlatne. Avgudane dykkar blir knuste og finst ikkje meir. Røykjelsesaltara blir hogne ned, og alt de har laga, sletta ut.

<sup>7</sup> Dei drepne blir slengde midt mellom dykk. Då skal de kjenna at eg er Herren.

<sup>8</sup> Men eg lèt ein rest bli att. Dei av dykk som har sloppe unna sverdet, skal leva mellom folkeslaga, de skal spreiaast rundt om i landa.

<sup>9</sup> Då skal dei som slapp unna, hugsa på meg mellom folkeslaga dei er bortførte til. Eg knuser dei trulause hjarta til dei som forlét meg, og dei

trulause auga til dei som følgde avgudane. Dei skal avsky seg sjølve for det vonde dei har gjort, for alt som er avskyeleg hos dei.

<sup>10</sup>Og dei skal kjenna at eg er Herren. Det er ikkje for ingenting eg har tala om å gjera dette vonde mot dei.

<sup>11</sup> Så seier Herren Gud: Slå hendene saman og tramp med foten, rop ve over alt det vonde og avskyelege i Israels hus. Dei skal bli offer for sverd og svolt og pest.

<sup>12</sup> Den som er langt borte, skal døy av pest, og den som er nær ved, skal falla for sverd. Men den som er att og er berga, skal døy av svolt. Eg vil tømme all min harme ut over dei.

<sup>13</sup> Då skal de kjenna at eg er Herren, når dei drepne ligg midt mellom avgudane rundt altara på kvar høg haug, på kvar fjelltopp, under kvart frodig tre og kvar lauvrik eik, på kvar stad der dei brende velluktande røykjelse for alle avgudane sine.

<sup>14</sup>Eg vil strekkja handa ut mot dei, og kvar dei så bur, vil eg gjera landet til ei øydemark meir aud enn Dibla-ørkenen. Då skal dei kjenna at eg er Herren.

## Esekiel 7

### Enden kjem

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup>Du menneske! Så seier Herren Gud til Israels land: Enden kjem! Enden over dei fire verdshjørna.

<sup>3</sup>No er enden over deg. Eg sender min vreide mot deg. Eg dømmer deg for di ferd og gjev deg att for alle dine avskyelege gjerningar.

<sup>4</sup>Eg viser inga medkjensle og sparer deg ikkje. Du skal få att for di ferd, og dei avskyelege gjerningane dine skal koma over deg sjølv. Då skal de kjenna at eg er Herren.

<sup>5</sup>Så seier Herren Gud: Ulukke, ei ulukke utan like! Sjå, ho kjem.

<sup>6</sup>Enden kjem, ja, enden kjem, han vaknar mot deg. Sjå, han er her,

<sup>7</sup> Lagnadstimen kjem over deg som bur i landet. Tida er komen, dagen er nær! Forvirring rår, og ikkje eit glederop lyder over fjell.

<sup>8</sup> No, snart, auser eg harmen min ut over deg og fullfører vreidedommen. Eg dømmar deg for di ferd og gjev deg att for alle dine avskyelege gjerningar.

<sup>9</sup> Eg viser inga medkjensle og sparer deg ikkje. Du skal få att for di ferd, dei avskyelege gjerningane dine skal koma over deg sjølv. Då skal de kjenna at det er eg, Herren, som slår.

<sup>10</sup> Sjå dagen, sjå lagnadstimen kjem, han er her! Staven blømer, hovmod faldar seg ut.

<sup>11</sup> Valden blir til ein stav av lovløyse. Men det blir ingenting att av dei, ingenting av den ståkande flokken, ingenting av rikdomen deira, og det er ingen som sørgjer over dei.

<sup>12</sup> Tida er komen, dagen er nær! Den som kjøper, skal ikkje gleda seg, og den som sel, skal ikkje sørgja. For raseriet råkar heile den ståkande flokken i byen.

<sup>13</sup> Seljaren får ikkje venda attende til det han har selt, så lenge dei lever. For synet gjeld heile den ståkande flokken, det skal ikkje takast tilbake. På grunn av si synd kan ingen tryggja sitt liv.

<sup>14</sup> Dei blæs i horn og gjer alt klart, men ingen dreg ut i krig. For harmen min går ut over heile flokken.

<sup>15</sup> Ute herjar sverdet, inne rår pest og svolt. Den som er på marka, må døy for sverd, og den som er i byen, han skal svolt og pest fortæra.

<sup>16</sup> Dei som slepp unna, flyktar til fjells, som duer frå dalane. Dei skal alle klaga, kvar for si eiga synd.

<sup>17</sup> Alle hender heng slappe, og alle kne blir som vatn.

<sup>18</sup> Dei bind sekkestrie om seg, dei er kledde i redsle. I alle andlet er det skam, og alle hovud er glattraka.

<sup>19</sup> Dei kastar sølvet på gata og reknar gullet som noko ureint. Verken sølvet eller gullet kan berga dei på Herrens vreidedag. Det stiller ikkje tørsten, det fyller ikkje magen. Men det har fått dei til å falla i synd.

<sup>20</sup>I sitt hovmod har dei teke sine staselege smykke og laga seg avskyelege og motbydelege gudebilete av dei. Difor gjer eg det ureint for dei.

<sup>21</sup>Eg gjev det som rov i framande hender, til bytte for dei lovause på jorda, og dei skal vanhelga det.

<sup>22</sup>Når eg vender andletet bort frå dei, skal dei vanhelga min dyre skatt. Røvarar skal bryta seg inn og vanhelga han.

<sup>23</sup>Lag lenkjer! For landet er fullt av drapssaker, og byen er full av vald.

<sup>24</sup>Eg lèt dei verste folkeslaga koma og ta husa deira. Eg gjer ende på hovmodet til dei sterke, og heilagdomane deira skal vanhelgast.

<sup>25</sup>Redsla kjem, dei søker redning, men finn henne ikkje.

<sup>26</sup>Ulukke følgjer på ulukke, rykte på rykte kjem opp. Dei skal søkja syn hos profeten, det blir slutt på rettleiing frå presten og på råd frå dei eldste.

<sup>27</sup>Då skal kongen sørgja, fyrsten skal kle seg i redsle, og folk skal skjelva på handa. Eg vil gå fram mot dei slik dei sjølve har gått fram, og dømma dei slik dei sjølve har dømt. Då skal dei kjenna at eg er Herren.

## Esekiel 8

### Avgudsdyrking ved tempelet

<sup>1</sup> Det var i det sjette året, på den femte dagen i den sjette månaden, medan eg sat heime og dei eldste i Juda sat framfor meg. Då kom Herren Guds hand over meg der.

<sup>2</sup> Eg såg, og sjå! – ein som likna ein mann å sjå til. Frå det som såg ut som hoftene og nedover, var det eld, og frå hoftene og oppover såg det ut som ein stråleglans, som skinande metall.

<sup>3</sup> Han rette ut noko med form som ei hand og tok tak i hårluggen min. I syn frå Gud lyfte ånda meg opp mellom jord og himmel og tok meg med til

Jerusalem, til porten i nord som fører inn i den indre tempelgarden. Der stod det eit bilete som gjorde Gud brennande sjalu.

<sup>4</sup>Og sjå, der var herlegdomen til Israels Gud, som i synet eg hadde sett i dalen.

<sup>5</sup>Han sa til meg: «Menneske, lyft auga mot nord!» Eg lyfte auga mot nord, og sjå! – ved inngangen, nord for altarporten, stod dette biletet som gjorde Gud sjalu.

<sup>6</sup>Han sa til meg: «Menneske, ser du alt det avskyelege israelittane held på med her? Det driv meg langt bort frå min heilagdom. Men du skal få sjå noko som er endå meir avskyeleg.»

<sup>7</sup>Så tok han meg med til porten som fører inn til føregarden i tempelet. Og sjå! – eit hol i veggen.

<sup>8</sup>Han sa til meg: «Menneske, bryt deg igjennom veggen!» Eg braut meg gjennom veggen, og sjå! – ei dør.

<sup>9</sup>Og han sa til meg: «Gå inn og sjå alt det vonde og avskyelege som dei driv med der.»

<sup>10</sup> Eg gjekk inn. Eg såg, og sjå! – teikningar av krypdyr og kveg og alle Israels avgudar, motbydelege ting, var rissa inn overalt rundt om på veggene.

<sup>11</sup>Framfor dei stod sytti mann av dei eldste i Israels hus, og midt mellom dei Jaasanja, son til Sjafan. Kvar av dei hadde ei røykjelsesskål i handa, og ein ange steig opp frå røykjelsesskya.

<sup>12</sup> Då sa han: «Menneske, har du sett kva dei eldste i Israel driv med i mørkret, i romma der dei har gudebiletet sitt? Herren ser oss ikkje, seier dei, han har forlate landet.

<sup>13</sup>Men du skal få sjå endå meir avskyelege ting som dei driv med», sa han til meg.

<sup>14</sup> Så tok han meg med bort til den porten som fører inn i Herrenshus på nordsida. Og sjå, der sat kvinnene og gret over Tammus.

<sup>15</sup>Då sa han til meg: «Har du sett det, menneske? Men du skal få sjå noko som er meir avskyeleg enn dette.»

<sup>16</sup>Så førte han meg til den indre føregarden i Herrens hus. Og der, attmed inngangen til Herrens tempel, mellom forhallen og altaret, stod om lag tjuefem mann med ryggen mot Herrens tempel og andletet vendt mot aust. Dei bøygde seg mot aust og tilbad sola.

<sup>17</sup> Då sa han til meg: «Har du sett det, menneske? Er det ikkje nok at Judas hus driv med alt det avskyelege som dei gjer her? For dei fyller landet med vald, og slik gjer dei meg rasande. Sjå korleis dei held vinranka opp framfor nasen.

<sup>18</sup>Så vil eg òg gripa inn i vreide. Eg viser inga medkjensle, eg sparer dei ikkje. Om dei ropar aldri så høgt i øyret på meg, høyrer eg ikkje på dei.»

## Esekiel 9

### Dei seks drapsmennene

<sup>1</sup> Han ropa høgt medan eg hørde på: «Straffa over byen er nær! Kvar og ein må ha sitt øydingsvåpen i handa.»

<sup>2</sup>Og sjå, frå Øvreporten, den som vender mot nord, kom seks menn, kvar med sitt drapsvåpen i handa. Ein av dei var kledd i lin og hadde skriveutstyr i beltet. Dei kom og stilte seg ved sida av bronsealtaret.

<sup>3</sup> Då lyfte herlegdomen til Israels Gud seg opp frå kjerubane, som han hadde vore over, og flytte seg til dørstokken i tempelet. Herren ropa til mannen som var kledd i lin og hadde skriveutstyr i beltet.

<sup>4</sup> Og Herren sa til han: «Gå gjennom Jerusalem by og set eit merke i panna på dei mennene som sukkar og jamrar over alt det avskyelege der.»

<sup>5</sup> Og til dei andre sa han så eg hørde det: «Gå gjennom byen etter mannen og hogg ned! Vis ikkje medkjensle, spar ingen.

<sup>6</sup> Gamle, unge gutar og jenter, kvinner og born skal de slå i hel og rydda ut. Men rør ikkje nokon av dei som har merke på seg. De skal ta til ved min

heilagdom.» Og dei tok til med mennene, dei eldste, som stod framfor Herrens hus.

<sup>7</sup>Då sa han til dei: «Gjer huset ureint, fyll tempelgardane med drepne! Far av stad!» Så fór dei av stad og hogg ned folk i byen.

<sup>8</sup>Medan dei gjorde det, vart eg åleine att. Eg kasta meg ned med andletet mot jorda og ropa: «Å, Herre Gud, vil du tyna alt det som er att av Israel, sidan du auser ut din harme over Jerusalem?»

<sup>9</sup>Han svara: «Israels og Judas skuld er umåteleg stor. Landet er fylt av blod, og byen er full av urett. For dei seier: Herren har forlate landet; Herren ser ikkje noko.

<sup>10</sup>Difor vil heller ikkje eg visa medkjensle eller spara dei. Eg lèt gjerningane deira koma over deira eige hovud.»

<sup>11</sup>Mannen som var kledd i lin og hadde skriveutstyr i beltet, kom tilbake og sa ifrå: «Eg har gjort det du baud meg.»

## Esekiel 10

### Kjerubane

<sup>1</sup>Eg såg, og sjå! – over kvelven som var over hovudet på kjerubane, var det noko som likna safirstein. Noko som såg ut til å likna ein tronstol, viste seg over dei.

<sup>2</sup>Han sa til mannen kledd i lin: «Gå inn mellom hjula under kjerubane! Fyll nevane med glør frå elden mellom kjerubane og strø dei ut over byen!» Og han gjekk inn medan eg såg på.

<sup>3</sup>Kjerubane stod på høgre sida av tempelet då mannen gjekk inn, og skya fylte den indre tempelgarden.

<sup>4</sup> Då lyfte Herrens herlegdom seg opp frå kjerubane og flytte seg bort til dørstokken i tempelet. Skya fylte huset, og stråleglansen frå Herrens herlegdom fylte føregarden.



<sup>5</sup>Lyden frå kjerubvengene kunne høyrast heilt ut i den ytre føregarden. Det var som røysta til Gud, Den veldige, når han talar.

<sup>6</sup>Då mannen kledd i lin vart beden om å henta eld mellom hjula, mellom kjerubane, gjekk han inn og stilte seg ved det eine hjulet.

<sup>7</sup>Og ein kjerub rette ut handa mot elden som var mellom kjerubane. Han tok opp glør og la i nevane på mannen i linkleda. Han tok imot og gjekk ut.

<sup>8</sup>Under vengene på kjerubane kunne ein sjå noko med form som menneskehender.

<sup>9</sup>Eg såg, og sjå! – det stod fire hjul attmed kjerubane, eitt ved kvar kjerub, og hjula såg ut som blinkande krysolittstein.

<sup>10</sup>Alle fire såg like ut, og det var som om det eine hjulet var inni det andre.

<sup>11</sup>Dei kunne røra seg til alle fire sidene, og dei snudde seg ikkje når dei gjekk. For dit den første gjekk, følgde dei andre etter, og dei snudde seg ikkje når dei gjekk.

<sup>12</sup>Over heile kroppen – på ryggen, hendene og vengene – og overalt på dei fire hjula var det fullt av auge.

<sup>13</sup>Eg hørde at desse hjula vart kalla hjulverk.

<sup>14</sup>Kvar av skapningane hadde fire andlet. Det første var eit kjerubandlet, det andre eit menneskeandlet, det tredje eit løveandlet og det fjerde eit ørneandlet.

<sup>15</sup>Kjerubane lyfte seg. Det var dei skapningane som eg hadde sett attmed Kebar-elva.

<sup>16</sup>Når kjerubane gjekk, gjekk hjula òg ved sida av dei. Og når kjerubane lyfte vengene for å letta frå bakken, dreia ikkje hjula seg bort frå dei.

<sup>17</sup>Når kjerubane stod, stod hjula òg, og når kjerubane lyfte seg, lyfte hjula seg med dei. For ånda til skapningane var i hjula.

### Herrens herlegdom forlèt tempelet

<sup>18</sup>No flytte Herrens herlegdom seg frå dørstokken i tempelet og stilte seg over kjerubane.

<sup>19</sup>Kjerubane lyfte vengene og letta frå bakken. Eg såg dei gå framover, og hjula følgde med. Dei stansa attmed inngangen til austporten i Herrens hus, og over dei kvilte herlegdomen til Israels Gud.

<sup>20</sup>Det var dei same skapningane som eg hadde sett under Israels Gud attmed Kebar-elva, og eg skjøna at det var kjerubar.

<sup>21</sup>Kvar av dei hadde fire andlet og fire venger, og under vengene var det noko som likna menneskehender.

<sup>22</sup>Andleta deira var like dei andleta eg hadde sett attmed Kebar-elva, dei såg ut som dei. Kvar kjerub gjekk beint fram.

## Esekiel 11

### Dom over leiarane i Jerusalem

<sup>1</sup>No lyfte ånda meg opp og førte meg til austporten i Herrenshus, den som vender mot aust. Og sjå, attmed inngangen til porten var det tjuefem menn, og midt mellom dei såg eg Jaasanja, son til Assur, og Pelatja, son til Benaja, som var leiarar i folket.

<sup>2</sup>Herren sa til meg: «Menneske! Dette er dei mennene som tenkjer ut urett og gjev dårlege råd her i byen.

<sup>3</sup>Dei seier: Å byggja hus har inga hast. Byen er gryta, og vi er kjøtet.

<sup>4</sup>Tal profetord mot dei! Tal profetord, menneske!»

<sup>5</sup>Då kom Herrens ånd over meg og sa eg skulle seia: Så seier Herren: Slik talar de, Israels hus, og eg kjenner dei tankane som stig opp i dykk.

<sup>6</sup>De har drepe så mange her i byen at gatene er fulle av falne.

<sup>7</sup>Difor seier Herren Gud: Dei som de drap og lét liggja i byen, det er dei som er kjøtet, og byen er gryta. Men de skal førast ut derifrå.

<sup>8</sup>De er redde for sverdet, og eg lét sverdet koma mot dykk, seier Herren Gud.

<sup>9</sup>Eg fører dykk ut av byen, gjev dykk over til framande og fullfører dommen over dykk.

<sup>10</sup>De skal falla for sverd, ved Israels grense vil eg dømme dykk. Då skal de kjenna at eg er Herren.

<sup>11</sup>Byen skal ikkje vera ei gryte for dykk, og de skal ikkje vera kjøtet i den. Ved Israels grense vil eg dømme dykk.

<sup>12</sup>Då skal de kjenna at eg er Herren, de som ikkje følgjer mine forskrifter og ikkje held mine lover, men må følgja lovene til folkeslaga omkring dykk.

### **Trøysteord til dei bortførte**

<sup>13</sup> Medan eg profeterte, døydde Pelatja, son til Benaja. Då kasta eg meg ned med andletet mot jorda og skreik høgt: «Å, Herre Gud, gjer du ende på alt som er att av Israel?»

<sup>14</sup>Herrens ord kom då til meg:

<sup>15</sup> Menneske! Brørne dine, brørne dine som er saman med deg i eksil, heile Israels hus – om dei seier folket i Jerusalem: «Dei er langt borte frå Herren. Vi har fått landet i eige.»

<sup>16</sup>Difor skal du seia: Så seier Herren Gud: Sjølv om eg førte dei langt bort mellom folkeslaga og spreidde dei i landa, vart eg ein liten heilagdom for dei i landa dei kom til.

<sup>17</sup> Difor skal du seia: Så seier Herren Gud: Eg vil samla dykk ute mellom folka, sanko dykk saman frå dei landa de er spreidde i, og gje dykk Israels land.

<sup>18</sup>Når dei kjem dit, skal dei fjerna alle dei motbydelege og avskyelege gudebileta derifrå.

<sup>19</sup> Eg gjev dei eit anna hjarte, og ei ny ånd gjev eg inni dei. Eg tek steinhjartet ut or kroppen på dei og gjev dei eit kjøthjarte i staden,

<sup>20</sup>slik at dei kan følgja forskriftene mine, halda fast ved lovene mine og leva etter dei. Dei skal vera mitt folk, og eg skal vera deira Gud.

<sup>21</sup> Men dei som i hjartet følgjer dei motbydelege og avskyelege gudane, det dei har gjort, lèt eg koma over deira eige hovud, seier Herren Gud.

<sup>22</sup> Då lyfte kjerubane vengene sine, og hjula følgde med. Høgt oppe over dei trona herlegdomen til Israels Gud.

<sup>23</sup>No steig Herrens herlegdom opp frå byen og stansa på fjellet austafør.

<sup>24</sup> Ånda lyfte meg opp og tok meg med til dei bortførte i Kaldea. Dette hende ved Guds ånd, i eit syn. Så vart det borte for meg, det synet eg hadde hatt.

<sup>25</sup>Og eg tala til dei bortførte om alt det som Herren hadde synt meg.

## Esekiel 12

### Kongen skal i eksil

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup>Menneske, du bur midt i ei trassig ætt som har auge å sjå med, men ikkje ser, og øyre å høyra med, men ikkje høyrer, for ei trassig ætt er dei.

<sup>3</sup>Men du, menneske, pakk tinga dine for eksil og far av stad om dagen rett framfor auga på folk! Far bort frå bustaden din til ein annan stad, rett framfor auga på dei. Kanskje dei då vil innsjå at dei er ei trassig ætt.

<sup>4</sup>Tinga dine skal du bera ut om dagen rett framfor auga på dei, og sjølv skal du fara av stad om kvelden rett framfor auga på dei, lik folk som blir bortførte.

<sup>5</sup>Bryt hol i veggen rett framfor auga på dei, og ber tinga dine ut gjennom det.

<sup>6</sup>Ta dei på aksla rett framfor auga på dei, i mørkret skal du ta dei ut. Andletet skal du dekkja til så du ikkje ser landet. Slik gjer eg deg til eit varsel for Israels hus.

<sup>7</sup>Eg gjorde det som var sagt. Om dagen bar eg ut tinga mine som utstyr for eksil. Om kvelden braut eg meg hol i veggen med hendene. I mørkret bar eg tinga mine ut, eg tok dei på aksla rett framfor auga på dei.

<sup>8</sup>Morgonen etter kom Herrens ord til meg:

<sup>9</sup>Menneske, har ikkje Israels hus, den trassige ætta, spurt deg: «Kva er det du gjer?»

<sup>10</sup>Du skal seia til dei: Så seier Herren Gud: Det du ber på, er fyrsten i Jerusalem og heile Israels hus, dei som er der.

<sup>11</sup>Sei: Eg er eit varsel for dykk. Det eg har gjort, skal gjerast med dei i byen. Dei skal fara i eksil, i fangenskap skal dei fara.

<sup>12</sup>I mørkret skal fyrsten som er hos dei, ta tinga sine på aksla og dra ut. Dei skal bryta hol i veggen og føra han ut. Andletet skal han dekkja til så han ikkje kan sjå landet med auga.

<sup>13</sup>Eg vil spenn ut garnet mitt over han, han skal fangast i nettet. Så fører eg han til Babel i Kaldearlandet. Men det får han ikkje sjå. Og der skal han døy.

<sup>14</sup>Alle som er i lag med han, både medhjelparane og alle soldatane, vil eg spreia for alle vindar og forfølgja med drege sverd.

<sup>15</sup>Då skal dei kjenna at eg er Herren, når eg spreier dei mellom folkeslaga og strør dei ut i landa.

<sup>16</sup>Berre nokre få av dei lèt eg sleppa unna sverd og svolt og pest, for at dei skal fortelja om alle dei avskyelege handlingane sine til folka dei kjem til. Då skal dei kjenna at eg er Herren.

#### **Herrens ord slår ikkje feil**

<sup>17</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>18</sup>Menneske! Skjelvande skal du eta ditt brød, og vatnet skal du drikk med uro og angst.

<sup>19</sup>Og du skal seia til folket i landet: Så seier Herren Gud om dei som bur i Jerusalem i Israels land: Urolege skal dei eta sitt brød, og forfærde skal dei drikk sitt vatn. Landet og alt som er i det, skal bli uhyggjeleg audt, for alle som bur der, har brukt vald.

<sup>20</sup>Byane som det no bur folk i, skal leggjast aude, og landet skal bli ei øydemark. Då skal de kjenna at eg er Herren.

<sup>21</sup>Og Herrens ord kom til meg:

<sup>22</sup> Menneske! Kva er det for eit ordtak de har i Israels land? De seier: «Dagane blir mange, alle syn slår feil.»

<sup>23</sup> Difor, sei til dei: Så seier Herren Gud: Eg vil gjera ende på dette ordtaket så dei ikkje skal bruka det meir i Israel. Men sei til dei: Dagen er nær, kvart syn slår til.

<sup>24</sup>For ingen skal lenger ha tomme syn eller koma med falske spådomar i Israels hus.

<sup>25</sup>Det er eg, Herren, som talar, og det ordet eg talar, skal skje, det skal ikkje utsetjast lenger. For i di tid, du trassige ætt, talar eg mitt ord og set det i verk, seier Herren Gud.

<sup>26</sup>Og Herrens ord kom til meg:

<sup>27</sup>Menneske, høyr! Israels hus seier: «Det synet han ser, gjeld langt fram, det er fjerne tider han profeterer om.»

<sup>28</sup> Difor skal du seia til dei: Så seier Herren Gud: Ingenting av det eg har sagt, skal utsetjast lenger. Når eg talar eit ord, skal det skje, seier Herren Gud.

## **Esekiel 13**

### **Dommen over dei falske profetane**

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup> Menneske, tal profetord mot profetane i Israel, som driv og profeterer. Sei til dei som profeterer ut ifrå eige hjarte: Høyr Herrens ord!

<sup>3</sup> Så seier Herren Gud: Ve dei tåpelege profetane, dei som følgjer sitt eige sinn og ikkje har sett noko som helst.

<sup>4</sup>Som revar mellom ruinar er profetane dine, Israel.

<sup>5</sup> De har ikkje gått opp i mursprekkane eller styrkt muren kring Israels hus, så det kunne stå seg i striden på Herrens dag.

<sup>6</sup>Syna deira er tomme, og spådomane er løgn. Dei seier «Herren seier», endå Herren ikkje har sendt dei. Og likevel ventar dei at han skal la ordet slå til!

<sup>7</sup>Er det ikkje tomme syn de kjem med og løgnaktige spådomar de har tala når de seier «Herren seier», endå eg ikkje har tala?

<sup>8</sup>Difor seier Herren Gud: Fordi de talar tomme ord og ser løgn, kjem eg mot dykk, lyder ordet Herren Gud.

<sup>9</sup>Eg retter handa mot dei profetane som har tomme syn og spår løgn. Når folket mitt held råd, får dei ikkje vera med. I ættelista til Israels hus skal dei ikkje skrivast, og til Israels land skal dei aldri koma. De skal kjenna at eg er Herren Gud.

<sup>10</sup>For dei har ført folket mitt vill og sagt: Fred! Men det er ingen fred. Det er som når nokon byggjer ein vegg og stryk kalk på han.

<sup>11</sup>Sei til dei som kalkar: Veggen ramlar! Regnet fløymer. Eg får haglstein til å falla og stormvind til å bryta laus.

<sup>12</sup>Så fell veggen. Vil dei ikkje då seia til dykk: «Kvar vart det av kalken som de strauk på?»

<sup>13</sup>Difor seier Herren Gud: I min harme lèt eg ein stormvind bryta laus, i min vreide sender eg regn og hagl som øydelegg alt.

<sup>14</sup>Eg riv ned veggen som de strauk kalk på, eg jamnar han med jorda så grunnvollen ligg berr. Når byen fell, skal de omkoma midt i han. Då skal de kjenna at eg er Herren.

<sup>15</sup>Eg auser all min harme på veggen og over dei som strauk kalk på han. Då skal eg seia til dykk: «Borte er veggen, og borte er dei som kalka han,

<sup>16</sup>profetane i Israel som spådde om Jerusalem og såg syn om fred for byen, endå det ikkje var nokon fred», seier Herren Gud.

<sup>17</sup>Du menneske, vend deg mot døtrene i folket ditt som profeterer ut frå sitt eige hjarte. Tal profetord mot dei

<sup>18</sup>og sei: Så seier Herren Gud: Ve dei som syr band til alle handledd og lagar tørkle til hovuda, alt etter kor store dei er, for å fanga menneskesjeler! De fangar sjelene til folket mitt for å halda dykkar egne sjeler i live.

<sup>19</sup>De vanhelgar meg hos folket mitt for nokre nevar bygg og nokre brødsalkar når de tek livet av menneske som ikkje skulle døy, og bergar livet til andre som ikkje skulle leva. Slik lyg de for folket mitt, som gjerne høyrer på løgn.

<sup>20</sup>Difor seier Herren Gud: Sjå, dei banda som de fangar sjeler med, liksom ein fangar fuglar, riv eg av armane dykkar. Og dei sjelene de fangar, slepper eg fri som fuglar.

<sup>21</sup>Så riv eg sund tørkleda dykkar og bergar folket mitt ut av hendene på dykk. Dei skal aldri meir bli eit bytte i dykkar hand. Då skal de kjenna at eg er Herren.

<sup>22</sup>Med løgn tek de motet frå den rettferdige, sjølv om ikkje eg ville gjera han noko vondt. Og den urettferdige gjev de styrke, så han ikkje vender om frå sin vonde veg og får leva.

<sup>23</sup>Difor skal de ikkje lenger ha tomme syn og ikkje driva med spådom. Eg vil berga folket mitt ut av hendene på dykk. Då skal de kjenna at eg er Herren.

## Esekiel 14

### Vend dykk bort frå gudebileta

<sup>1</sup>Nokre av Israels eldste kom til meg, og dei sette seg framfor meg.

<sup>2</sup>Då kom Herrens ord til meg:

<sup>3</sup>Menneske, desse mennene har gjeve avgudane rom i hjartet, dei har sett framfor seg det som får dei til å falla i synd. Skulle eg då la dei be meg om råd?

<sup>4</sup>Difor skal du tala med dei og seia til dei: Så seier Herren Gud: Om ein eller annan av Israels hus gjev avgudane rom i hjartet og set framfor seg det som



får han til å falla i synd, og så kjem til profeten, då skal eg, Herren, svara han og dei mange avgudane hans som fortent.

<sup>5</sup>Slik grip eg israellittane om hjartet, alle dei som har svikta meg med avgudane sine.

<sup>6</sup>Sei difor til Israels hus: Så seier Herren Gud: Vend om! Vend dykk bort frå avgudane og vend dykk bort frå alt det avskyelege!

<sup>7</sup>Om ein eller annan av Israels hus eller innflyttarane i Israel skil seg frå meg og gjev avgudane rom i hjartet, og set framfor seg det som får han til å falla i synd, og så kjem til profeten for søkja råd frå meg, då skal eg, Herren, sjølv svara han.

<sup>8</sup>Eg vil venda meg mot han så han blir til eit teikn og eit ordtak. Eg vil rydda han ut av folket mitt. Då skal de kjenna at eg er Herren.

<sup>9</sup>Og om profeten lèt seg lokka til å seia noko, då er det eg, Herren, som har lokka han. Eg vil retta handa mot han og rydda han ut av Israel, folket mitt.

<sup>10</sup>Då må begge bera si eiga skuld, både han som søker råd og profeten,

<sup>11</sup> for at Israels hus ikkje lenger skal forvilla seg bort frå meg og ikkje meir gjera seg ureint med alle syndene sine. Dei skal vera mitt folk, og eg skal vera deira Gud, seier Herren Gud.

### **Noah, Daniel og Job**

<sup>12</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>13</sup> Menneske, når eit land syndar mot meg og handlar trulaust, då retter eg ut handa mot det og bryt brødstaven for det. Eg sender svolt i landet og ryddar ut både menneske og dyr.

<sup>14</sup> Om desse tre mennene, Noah, Daniel og Job, var der, kunne dei med si rettferd berre berga sitt eige liv, seier Herren Gud.

<sup>15</sup> Dersom eg lét villdyr fara gjennom landet og dei gjorde det folketomt, og det vart til ei øydemark der ingen kunne fara gjennom på grunn av villdyra,

<sup>16</sup>då kunne desse tre mennene, om dei var der – så sant eg lever, seier HerrenGud – verken berga søner eller døtrer. Berre dei sjølve kunne bli berga, men landet ville bli ei øydemark.

<sup>17</sup>Eller om eg sende sverd mot det landet og sa: «Sverd, far gjennom landet og rydd ut både menneske og dyr»,

<sup>18</sup>då kunne desse tre mennene, om dei var der – så sant eg lever, seier Herren Gud – verken berga søner eller døtrer. Dei kunne berre bli berga sjølve.

<sup>19</sup> Eller om eg sende pest i landet og auste ut min harme over det, så eg drap og rydda ut både menneske og dyr,

<sup>20</sup>då kunne Noah, Daniel og Job, om dei var der – så sant eg lever, seier Herren Gud – verken berga son eller dotter. Ved si rettferd kunne dei berre berga sitt eige liv.

<sup>21</sup> For så seier Herren Gud: Sjølv om eg sender dei fire vonde straffedommane mine over Jerusalem – sverd, svolt, villdyr og pest – for å rydda ut både menneske og dyr frå byen,

<sup>22</sup>skal ein rest av overlevande likevel bli att der, søner og døtrer som skal førast ut. Sjå! Dei skal koma ut til dykk. Når de ser korleis dei ferdast og kva dei gjer, finn de trøyst etter ulukka som eg lét koma over Jerusalem, alt det eg lét koma over henne.

<sup>23</sup>Og dei skal vera dykk til trøyst når de ser korleis dei ferdast og kva dei gjer. Då skal de skjøna at det ikkje er utan grunn eg har gjort alt det eg gjorde der, seier Herren Gud.

## Esekiel 15

### Den gagnlause vinstokken

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup> Menneske! Kva gjer vinstokken ulik alle andre tre, vinranka mellom trea i skogen?

<sup>3</sup>Kan treet frå den brukast til å laga noko av? Kan ein laga ein knagg av han til å hengja alle slag reiskapar på?

<sup>4</sup>Om han blir kasta på elden, brend i begge endar og svidd på midten, duger han då til noko?

<sup>5</sup>Nei, sjølv då han var uskadd, kunne han ikkje brukast til noko. Kor mykje mindre duger han ikkje då når elden har brent og svidd han!

<sup>6</sup>Difor, så seier Herren Gud: Som eg gjer med vinstokken mellom trea i skogen når eg gjev han til føde for elden, slik gjer eg med dei som bur i Jerusalem.

<sup>7</sup>Eg vender andletet mitt mot dei. Dei har gått ut av elden, men elden skal fortæra dei. De skal kjenna at eg er Herren når eg vender andletet mot dei.

<sup>8</sup>Eg gjer landet til ei øydemark fordi dei har vore trulause, seier Herren Gud.

## Esekiel 16

### Jerusalems truløyse og straff

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup>Menneske, tal til Jerusalem om alt det avskyelege hos henne.

<sup>3</sup>Du skal seia: Så seier Herren Gud til Jerusalem: Du stammar frå Kanaanearlandet, der vart du fødd. Far din var amoritt og mor di hetitt.

<sup>4</sup>Då du kom til verda, den dagen du vart fødd, skar dei ikkje over navlestrengen, dei vaska deg ikkje rein med vatn, gneid deg ikkje inn med salt, og dei sveipte deg ikkje.

<sup>5</sup>Ingen viste deg medkjensle, ikkje ein av desse tinga gjorde dei mot deg fordi dei tykte synd i deg. Dei slengde deg ut på marka fordi dei fekk motvilje mot deg den dagen du vart fødd.

<sup>6</sup>Då gjekk eg forbi og såg deg der du låg og sprella i blod. Og eg sa: «Du som ligg i ditt eige blod, lev.» Eg sa: «Du som ligg i ditt eige blod, lev!»

<sup>7</sup>Eg gjorde deg talrik som blomane på marka. Og du voks og vart stor, du vart strålande vakker. Brysta vart faste, og håret voks. Men du var naken og berr.

<sup>8</sup>Då eg gjekk framom, fekk eg sjå at tida di var komen, tida til å elska. Då breidde eg fliken av kappa mi over deg og skjulte den nakne kroppen din. Eg svor deg truskap og gjorde pakt med deg, og du vart mi, seier Herren Gud.

<sup>9</sup>Eg vaska deg med vatn, skylde blodet av deg og salva deg med olje.

<sup>10</sup>Så kledde eg deg i fargerike klede, tok på deg sandalar av fint skinn, batt lin om hovudet ditt og sveipte deg i silke.

<sup>11</sup>Eg pynta deg med smykke, gav deg armband på handa og kjede om halsen.

<sup>12</sup>Eg gav deg ring i nasen, ringar i øyra og ei vakker krone på hovudet.

<sup>13</sup>Så pynta du deg med gull og sølv og kledde deg i lin, silke og fargerike klede. Du fekk fint mjøl, honning og olje til mat. Du vart svært, svært vakker. Du fekk kongeleg rang.

<sup>14</sup>Mellom folka gjekk det gjetord om din venleik, for han vart fullkomen av alt det praktfulle eg gav deg, seier Herren Gud.

<sup>15</sup>Men du var trygg på din venleik, du dreiv hor på ditt rykte. Du baud deg fram som hore til kvar og ein som kom forbi, og han fekk deg.

<sup>16</sup>Du tok nokre av kleda dine for å gjera offerhaugane fargerike. Der dreiv du hor, slik det aldri må henda.

<sup>17</sup>Du tok smykka av sølv og gull som eg hadde gjeve deg, og laga deg mannlege gudebilete, som du dreiv hor med.

<sup>18</sup>Du tok dei fargerike kleda dine og dekte dei med, og min olje og min røykjelse sette du fram for dei.

<sup>19</sup>Brødet som eg hadde gjeve deg, det fine mjølet, oljen, honningen som du hadde fått til mat, sette du fram for dei til vellukt, seier Herren Gud.

<sup>20</sup>Sønene og døtrene som du hadde fødd, og som hørde meg til, tok du og ofra til mat for dei. Var det ikkje nok at du dreiv hor,

- 21** sidan du òg slakta sønene mine og gav dei frå deg når du lét dei gå gjennom elden?
- 22** Når du gjorde alt dette avskyelege og dreiv hor, kom du ikkje i hug din ungdoms dagar då du var naken og berr og låg og sprella i blod.
- 23** Så, etter at du hadde gjort så mykje vondt – ve, ve deg! seier Herren Gud –
- 24** bygde du deg ein høg stad og laga deg ein haug i alle gater.
- 25** I alle vegkryss bygde du deg ein haug. Der gjorde du venleiken din til noko avskyeleg. Du skreva med beina for kvar mann som kom forbi, meir og meir dreiv du hor.
- 26** Du dreiv hor med egyptarane, grannane med kraftig lem, og med alt ditt horeri gjorde du meg rasande.
- 27** Då rette eg ut handa mot deg og tok tilbake det du skulle ha. Eg gav deg over til deira vilje som hatar deg, til filistardøtrene, dei som blir krenkte av ditt skamlause liv.
- 28** Så dreiv du hor med assyrrarane, for du hadde ikkje fått nok. Ja, ikkje eingong då fekk du nok.
- 29** Og du heldt fram med ditt horeri, heilt til kremmarlandet Kaldea. Men heller ikkje då fekk du nok.
- 30** Kor sjukt hjartet ditt er, seier Herren Gud. At du kunne gjera alt dette og oppføra deg som ei frekk hore!
- 31** Du bygde ein høg stad i kvart vegkryss og laga ein haug i alle gater. Men du var ikkje som andre horer, for du avslø horepengar.
- 32** Ei kvinne som bryt ekteskapet, tek framande menn i staden for ektemannen sin.
- 33** Andre horer får gåver, men du gav løn til alle elskarane dine. Du kjøpte dei for at dei skulle koma frå alle kantar så du kunne driva hor.
- 34** Når du dreiv hor, var du ulik andre kvinner. Det var ingen som ville ha deg, du fekk ikkje horepengar, men du gav. Så bakvendt var det med deg.

<sup>35</sup>Difor, du hore, høyr Herrens ord!

<sup>36</sup>Så seier Herren Gud: Fordi du sløste med koparprymntane dine og viste fram din nakenskap når du dreiv hor med elskarane, alle dei avskyelege avgudane dine, og fordi du gav dei blodet til borna dine,

<sup>37</sup> vil eg samla alle elskarane dine som hadde glede av deg, både dei du elska og dei du hata. Eg samlar dei rundt deg frå alle kantar og viser den nakne kroppen din for dei. Dei skal sjå deg heilt naken.

<sup>38</sup> Eg dømmer deg til å bli straffa for ekteskapsbrot og drap, eg råkar deg med blod i harme og sjalusi.

<sup>39</sup>Eg gjev deg i hendene på elskarane dine, og dei skal bryta ned den høge staden din og øydeleggja haugane dine. Dei riv av deg kleda, tek dei fine smykkane dine og lèt deg liggja der naken og berr.

<sup>40</sup> Så reiser dei opp ein flokk mot deg, steinar deg og høgg deg ned med sverd.

<sup>41</sup>Dei brenner ned husa dine og held dom over deg framfor auga på mange kvinner. Slik gjer eg ende på ditt horeri, så du ikkje meir kan gje horepengar.

<sup>42</sup>Så bruker eg opp min harme på deg, min sjalusi vik frå deg, eg teier og er ikkje lenger sint.

<sup>43</sup> Fordi du gløynde di ungdomstid og terga med alt dette, skal eg la gjerningane dine koma over ditt eige hovud, seier Herren Gud. Har du ikkje gjort andre skamlause ting i tillegg til alt det avskyelege?

<sup>44</sup> Sjå, alle som bruker ordtak, skal bruka dette ordtaket om deg: «Som mora, så dottera.»

<sup>45</sup>Du er dotter til mor di, som ikkje brydde seg om mann og born. Og du er syster til systrene dine, som ikkje brydde seg om mennene og borna sine. Mor dykkar var hetitt og far dykkar amoritt.

<sup>46</sup> Di storesyster er Samaria, som bur med døtrene sine til venstre for deg. Og di veslesyster er Sodoma, som bur med døtrene sine til høgre for deg.

<sup>47</sup> Ikkje berre gjekk du på deira vegar og gjorde dei same avskyelege tinga, men etter ei kort tid handla du på alle vis verre enn dei.

<sup>48</sup> Så sant eg lever, seier Herren Gud: Sodoma, syster di, og døtrene hennar gjorde slett ikkje som du og døtrene dine.

<sup>49</sup> Sjå, dette er synda som Sodoma, syster di, gjorde seg skuldig i: hovmod. Ho og døtrene hadde nok av mat og levde i fred og ro. Men ho hjelpte ikkje dei hjelpelause og fattige.

<sup>50</sup> Hovmodige var dei og gjorde slikt som eg har avsky for. Men då eg såg det, dreiv eg dei bort.

<sup>51</sup> Samaria har ikkje synda halvparten så mykje som du. Du har handla meir avskyeleg enn systrene dine, og med alt det avskyelege har du vist at dei er meir rettferdige enn du.

<sup>52</sup> Så må du òg ta vanæra på deg, du som med dine eigne synder har tala saka til systrene dine. Fordi du har handla meir avskyeleg enn dei, er dei meir rettferdige enn du. Så skam deg då og ber di vanære, du som har vist at systrene dine er meir rettferdige.

<sup>53</sup> Eg vender lagnaden for Sodoma og døtrene hennar og for Samaria og døtrene hennar. Og samstundes vender eg lagnaden for deg.

<sup>54</sup> Slik skal du bera di vanære og skamma deg over alt du har gjort, til trøyst for dei.

<sup>55</sup> Syster di, Sodoma, og døtrene hennar skal få det som før, Samaria og døtrene hennar skal få det som før, og du og døtrene dine skal få det som før.

<sup>56</sup> Sette ikkje du ut dårleg rykte om Sodoma, syster di, den tid du var hovmodig?

<sup>57</sup> Det var før vondskapen din vart synleg. På den tida var du til spott for arameardøtrene og alle der omkring, for filistardøtrene som hånte deg på alle kantar.

<sup>58</sup> Di skamløyse og alt det avskyelege hos deg må du bera sjølv, seier Herren.

<sup>59</sup>For så seier Herren Gud: Eg gjer med deg som du sjølv gjorde då du vanvørde forbanninga og braut pakta.

<sup>60</sup>Men eg vil minnast pakta eg gjorde med deg då du var ung, og eg vil oppretta ei evig pakt med deg.

<sup>61</sup>Du skal minnast kva du har gjort, og skjemmast når eg tek systrene dine, både dei som er eldre enn du, og dei som er yngre, og gjer dei til døtrene dine, endå dei ikkje er i pakt med deg.

<sup>62</sup>Når eg opprettar mi pakt med deg, då skal du kjenna at eg er Herren.

<sup>63</sup>Så skal du minnast det og skamma deg, på grunn av skamma skal du aldri meir opna munnen, når eg tilgjev deg alt du har gjort, seier Herren Gud.

## Esekiel 17

### Vinstokken og ørnane

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup>Menneske, sei fram ei gåte for Israels hus, fortel dei ei likning.

<sup>3</sup>Du skal seia: Så seier Herren Gud: Den store ørna med store venger og lange vengefjører, med tett og fargerik fjørham, kom til Libanon. Ho tok toppen av sederen,

<sup>4</sup>braut av den øvste greina, førte henne til kremmarlandet og sette henne i handelsbyen.

<sup>5</sup>Så tok ho ei plante som voks i landet, og sette henne i god jord på ein stad med mykje vatn, planta henne som eit piletre.

<sup>6</sup>Ho voks og vart til ein vinstokk, frodig, men låg av vekst, så rankene bøygde seg mot ørna og røtene voks inn under henne. Ho vart til ein vinstokk som fekk greiner og strekte ut sine kvister.

<sup>7</sup>Men det var ei anna stor ørn med store venger, med mektig fjørham. Og sjå, vinstokken tøygde sine røter bort imot henne, bøygde greinene mot henne, så ho skulle gje han meir vatn enn jordstykket han var planta i.



<sup>8</sup>I god jord, ved mykje vatn, var vinstokken planta, så han kunne få greiner og bera frukt og bli ein framifrå vinstokk.

<sup>9</sup>Sei: Så seier Herren Gud: Kjem han til å trivast? Kjem ikkje røtene til å bli rivne opp, vinstokken til å bli ribba for frukt og kvart friskt skot til å tørka? Når han tørkar, trengst det ingen sterk arm eller mykje folk til å riva han opp med rot.

<sup>10</sup>Sjå, no er vinstokken planta. Men vil han trivast? Vil han ikkje berre tørka når austavinden når han, tørka ut i den jorda der han voks?

<sup>11</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>12</sup> Sei til den trassige ætta: Skjønar de ikkje kva dette tyder? Sei no: Babelkongen kom til Jerusalem, tok kongen og stormennene hennar og førte dei med seg til Babel.

<sup>13</sup> Han tok ein mann av kongeleg ætt og gjorde ei pakt med han, med dei forbanningar som høyrer til. Han tok stormennene i landet med seg.

<sup>14</sup>Slik skulle riket haldast nede for at det ikkje skulle reisa seg meir, men halda pakta med han og bli ståande.

<sup>15</sup> Men mannen gjorde opprør og sende talsmenn til Egypt for å skaffa hestar og mykje folk. Vil dette lukkast? Kan den sleppa unna som gjer slikt? Han som bryt pakta, kan han sleppa frå det?

<sup>16</sup>Så sant eg lever, seier Herren Gud: I Babel, hos den kongen som gjorde han til konge, skal han døy. Han vanvørde forbanninga og braut pakta.

<sup>17</sup>Farao vil ikkje koma med ein stor hær og mykje folk for å støtta han i krigen når fienden kastar opp ein voll og byggjer skansar for å rydda ut mange menneske.

<sup>18</sup>Han vanvørde forbanninga og braut pakta. Endå han hadde gjeve handslag, gjorde han alt dette. Han skal ikkje sleppa unna.

<sup>19</sup>Difor seier Herren Gud: Så sant eg lever, fordi han vanvørde forbanninga og braut pakta, skal eg la dei råka hans eige hovud.

<sup>20</sup> Eg spenner ut garnet mitt over han og fangar han i nettet. Så fører eg han til Babel, der held eg dom over hans truløyse, for han var trulaus mot meg.

<sup>21</sup> Alle som rømmer frå troppane hans, skal falla for sverd, og dei som blir att, skal spreiaast for alle vindar. Då skal de kjenna at eg, Herren, har tala.

### Guds lovnad om ny vokster

<sup>22</sup> Så seier Herren Gud: Eg tek sjølv ein kvist av toppen på ein høg seder, frå dei øvste greinene riv eg eit fint skot og plantar det på eit fjell som ragar høgt.

<sup>23</sup> På Israels høge fjell plantar eg det. Det skal få greiner og bera frukt og bli ein staut seder. Alle slags fuglar skal bu i det, alt som har venger, skal halda til i skuggen av greinene på det.

<sup>24</sup> Då skal alle tre på marka kjenna at eg, Herren, gjer det høge treet lågt, og det låge gjer eg høgt. Det friske treet lèt eg tørka, og det tørre lèt eg spira. Eg, Herren, eg har tala og vil setja det i verk.

## Esekiel 18

### Alle må stå til ansvar

<sup>1</sup> Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup> Korleis kan de bruka dette ordtaket i Israels land: «Fedrane et sure druer, og borna får dårlege tenner.»

<sup>3</sup> Så sant eg lever, seier Herren Gud: De får ikkje bruka dette ordtaket meir i Israel.

<sup>4</sup> Sjå, alt liv høyrer meg til, både livet til faren og livet til sonen. Den som syndar, skal døy sjølv.

<sup>5</sup> Ein mann som er rettferdig og gjer rett og rettferd,

<sup>6</sup> han et ikkje offerkjøt på haugane og lyfter ikkje auga til avgudane som Israels hus dyrkar. Han krenkjer ikkje kona til nesten sin og kjem ikkje nær ei kvinne når ho er urein.

<sup>7</sup>Han er ikkje hard med nokon, men lèt skuldmannen få pantet sitt tilbake. Han ranar og røvar ikkje, men gjev brød til den svoltne og klede til den nakne.

<sup>8</sup>Han låner ikkje ut mot renter og tek ikkje avgift. Han held si hand frå urett og dømmer rett i strid mellom menneske.

<sup>9</sup>Han følgjer mine forskrifter og held trufast mine lover. Han er rettferdig, han skal få leva, seier Herren Gud.

<sup>10</sup>Det kan henda at den rettferdige får ein son som blir røvar og drapsmann og gjer noko av dette mot ein bror

<sup>11</sup>som han sjølv aldri har gjort. Kanskje han til og med et offerkjøt på haugane og krenkjer kona til nesten sin,

<sup>12</sup>er hard mot hjelpelause og fattige, ranar og røvar og ikkje gjev pantsett gods tilbake, lyfter auga til avgudane, fer med slikt som er avskyeleg,

<sup>13</sup>låner ut mot renter og tek avgift – og så skulle han få leva? Nei, han skal ikkje få leva! Når han gjer alt dette avskyelege, skal han døy. Hans blod kjem over han sjølv.

<sup>14</sup>Men så kan det henda at han får ein son som ser alle syndene faren har gjort, og blir skremd av det, så han ikkje gjer det same.

<sup>15</sup>Han et ikkje offerkjøt på haugane, lyfter ikkje auga til avgudane som Israels hus dyrkar, krenkjer ikkje kona til nesten sin,

<sup>16</sup>er ikkje hard med nokon, tek ikkje pant og driv ikkje med ran og rov, men gjev brød til den svoltne og klede til den nakne.

<sup>17</sup>Han legg ikkje hand på ein hjelpelaus, tek ikkje rente og avgift, men lever etter lovene mine og følgjer forskriftene mine. Han skal ikkje døy fordi far hans har synda. Nei, han skal leva.

<sup>18</sup>Men far hans, som undertrykte, rana og røva frå bror sin og gjorde det som ikkje er godt blant folket sitt, sjå, han må sjølv døy for si synd.

<sup>19</sup>De vil kanskje spørja: «Kvifor skal ikkje sonen bera skulda til faren?» Men sonen har gjort det som er rett og rettferdig, han har halde forskriftene mine og levd etter dei. Han skal få leva.

<sup>20</sup> Den som syndar, skal sjølv døy. Ein son skal ikkje bera skulda til faren, og ein far skal ikkje bera skulda til sonen. Den rettferdige skal få att for si rettferd, og den urettferdige skal råkast av sin eigen urett.

<sup>21</sup>Men når ein urettferdig vender om frå all si synd, når han held alle forskriftene mine og gjer det som er rett og rettferdig, då skal han leva og ikkje døy.

<sup>22</sup>Alle syndene han har gjort, skal vera gløynde. Fordi han har gjort rett, skal han leva.

<sup>23</sup> Skulle det vera min vilje at den urettferdige døyr, seier Herren Gud. Nei, eg vil at han skal venda om frå sine vegar og leva.

<sup>24</sup> Men når ein rettferdig vender seg bort frå si rette ferd og gjer urett, allslags avskyelege gjerningar som den urettferdige gjer, skulle han då få leva? Alle dei rettferdige gjerningane han har gjort, skal vera gløynde. For si truløyse og for si synd skal han døy.

<sup>25</sup> No vil de kanskje seia: «Herren går ikkje fram på rett vis.» Høyr då, Israels hus! Er det eg som ikkje går fram på rett vis? Er det ikkje de som gjer urett?

<sup>26</sup> Når ein rettferdig vender seg bort frå si rette ferd og gjer urett, skal han døy på grunn av det. For sin eigen urett skal han døy.

<sup>27</sup>Men når ein urettferdig vender om frå si urettferd og gjer rett og rettferd, då skal han berga livet.

<sup>28</sup> Fordi han såg og vende om frå alle syndene han hadde gjort, skal han leva og ikkje døy.

<sup>29</sup>Israelittane vil kanskje seia: «Herren går ikkje fram på rett vis.» Men er det eg som ikkje går rett fram? Er det ikkje de som gjer urett?

<sup>30</sup> Difor, israelittar, skal eg dømme kvar og ein av dykk etter det han har gjort, seier Herren Gud. Vend om, vend om frå alle syndene, så inga skuld skal fella dykk.

<sup>31</sup> Kast frå dykk alle syndene de gjer, og skaff dykk eit nytt hjarte og ei ny ånd! Kvifor vil de døy, de israelittar?

<sup>32</sup> Eg krev ikkje at nokon skal døy, seier Herren Gud. Vend om, så skal de leva!

## Esekiel 19

### Likklage over dei siste kongane

<sup>1</sup> Du skal stemma i ei likklage over fyrstane i Israel

<sup>2</sup> og seia: Kva var mor di? Ei løvinne mellom løver. Ho låg mellom ungløver, ho fostra ungane sine.

<sup>3</sup> Ho alte opp ein av ungane, ei ungløve vart han. Han lærte å riva sund bytte, han åt opp menneske.

<sup>4</sup> Folkeslag fekk høyra om han, han vart fanga i deira fallgrav. Med nasekrokar førte dei han til Egypt.

<sup>5</sup> Ho såg at ho venta forgjeves, håpet var ute. Då tok ho ein annan unge, ho gjorde han til ungløve.

<sup>6</sup> Han gjekk der mellom løver, og ei ungløve vart han. Han lærte å riva sund bytte, han åt opp menneske.

<sup>7</sup> Han øydela borgene og la byane i ruinar. Landet og alt som fanst der, stivna av skrekk ved lyden av brøla hans.

<sup>8</sup> Folk frå landa omkring sette då ut sine garn. Dei spreidde dei ut over han, og han vart fanga i fallgrava deira.

<sup>9</sup> Med nasekrokar fekk dei han i bur og førte han til kongen i Babel. Der sette dei han i ei festning, så brøla ikkje skulle høyrast meir over fjella i Israel.

<sup>10</sup> Mor di var som ein vinstokk i hagen din, planta attmed vatn. Han var rik på frukt og fekk mange greiner, for han fekk godt med vatn.

<sup>11</sup> Greinene vart så sterke at dei kunne brukast til herskarstavar. Høgt voks han, opp mellom skyene, lett synleg fordi han var så høg og hadde så mange greiner.

<sup>12</sup> Men han vart riven opp i harme og kasta til jorda. Austavinden tørka ut frukta. Dei sterke greinene vart rivne av og visna, elden åt dei.

<sup>13</sup> No er han planta i ørkenen, i det tørre, tørstande landet.

<sup>14</sup> Eld gjekk ut frå ei grein og åt kvistene og frukta. Det finst ikkje lenger ei sterk grein som kan vera herskarstav. Dette er ei likklage, og likklage har det vorte.

## Esekiel 20

### Guds lovnader og Israels ulydnad

<sup>1</sup> Det var i det sjuande året, på den tiande dagen i den femte månaden. Nokre av dei eldste i Israel kom for å søkja råd hos Herren, og dei sette seg framfor meg.

<sup>2</sup> Då kom Herrens ord til meg:

<sup>3</sup> Menneske, tal til Israels eldste og sei til dei: Så seier Herren Gud: Kjem de hit og søkjer råd hos meg? Så sant eg lever, seier Herren Gud, eg lèt ikkje dykk spørja meg om råd.

<sup>4</sup> Vil du dømma dei, menneske, vil du dømma? Så gjer kjent for dei alt det avskyelege hos fedrane deira.

<sup>5</sup> Du skal seia til dei: Så seier Herren Gud: Den gongen eg valde ut Israel, lyfte eg handa til eid for Jakobs ætt. Eg gav meg til kjenne for dei i Egypt, eg lyfte mi hand og sa til dei: «Eg er Herren dykkar Gud.»

<sup>6</sup> Den dagen lyfte eg handa på at eg ville føra dei ut frå Egypt, til eit land som eg hadde sett ut til dei, eit land som fløymer med mjølk og honning, det herlegaste av alle land.



<sup>7</sup>Eg sa til dei: «Kvar og ein må kasta bort alt det motbydelege som auga heng ved. Gjer dykk ikkje ureine med avgudane i Egypt! Eg er Herren dykkar Gud.»

<sup>8</sup>Men dei var trassige og nekta å høyra på meg. Ingen kasta bort det motbydelege som auga hang ved, og dei vende seg ikkje bort frå avgudane i Egypt. Då sa eg at eg ville ausa ut min harme og bruka opp all min vreide på dei der i Egypt.

<sup>9</sup>Eg gjorde det for mitt namn skuld, så det ikkje skulle bli vanhelga framfor auga på folkeslaga som dei levde imellom, dei eg hadde gjeve meg til kjenne for ved å føra dei ut frå Egypt.

<sup>10</sup> Så førte eg dei ut frå Egypt og ut i ørkenen.

<sup>11</sup> Eg gav dei forskriftene mine og kunngjorde lovene mine for dei. Det mennesket som held dei, skal leva ved dei.

<sup>12</sup> Sabbatane mine gav eg dei òg. Dei skulle vera teikn mellom meg og dei. Slik skulle dei vita at eg er Herren, som helgar dei.

<sup>13</sup> Men Israels hus trassa meg i ørkenen. Dei følgde ikkje forskriftene mine og forakta lovene mine – endå det mennesket som held dei, skal leva ved dei. Og sabbatane vanhelga dei grovt. Då sa eg at eg ville ausa ut min harme over dei i ørkenen og gjera ende på dei.

<sup>14</sup> Eg gjorde det for mitt namn skuld, så det ikkje skulle bli vanhelga framfor auga på folkeslaga som såg at eg førte israelittane ut.

<sup>15</sup> Då lyfte eg handa der i ørkenen og svor på at eg ikkje ville føra dei inn i landet eg hadde gjeve dei, det som fløymer med mjølk og honning, det herlegaste av alle land.

<sup>16</sup>For dei forakta lovene mine og følgde ikkje forskriftene mine. Sabbatane mine vanhelga dei, for hjartet følgde avgudane deira.

<sup>17</sup>Men eg viste medkjensle og rydda dei ikkje ut. Eg gjorde ikkje ende på dei i ørkenen.

<sup>18</sup>Eg sa til sønene deira i ørkenen: «Følg ikkje forskriftene til fedrane dykkar, hald ikkje lovene deira og gjer dykk ikkje ureine med avgudane deira!

<sup>19</sup> Eg er Herren dykkar Gud. Følg forskriftene mine, ta vare på lovene mine og lev etter dei!

<sup>20</sup>Hald sabbatane mine heilage! Dei skal vera eit teikn mellom meg og dykk, så de kan vita at eg er Herren dykkar Gud.»

<sup>21</sup>Men borna trassa meg. Dei følgde ikkje mine forskrifter. Dei tok ikkje vare på mine lover og levde ikkje etter dei, endå det mennesket som held dei, får leva ved dei. Sabbatane mine vanhelga dei. Då sa eg at eg ville ausa ut min harme over dei og bruka opp all mi harme på dei i ørkenen.

<sup>22</sup>Men eg heldt handa mi tilbake. Eg gjorde det for mitt namn skuld, så det ikkje skulle bli vanhelga mellom folkeslaga som såg at eg førte israelittane ut.

<sup>23</sup> Så lyfte eg handa der i ørkenen på at eg ville spreia dei mellom folkeslaga og strø dei ut i landa.

<sup>24</sup>For dei heldt ikkje lovene mine, forskriftene mine forakta dei, og sabbatane mine vanhelga dei. Auga deira hang ved avgudane til fedrane.

<sup>25</sup> Difor gav eg dei forskrifter som ikkje var gode, og lover som dei ikkje kunne leva ved.

<sup>26</sup> Eg gjorde dei ureine ved offergåvene når dei bar fram det som kom først ut av morslivet. Det gjorde eg for å slå dei med skrekk, så dei skulle kjenna at eg er Herren.

<sup>27</sup>Difor, menneske, skal du tala til Israels hus og seia til dei: Så seier Herren Gud: Endå ein gong hånte fedrane meg, trulause som dei var.

<sup>28</sup>Eg førte dei inn i det landet som eg med lyft hand hadde lova å gje dei. Men så snart dei fekk sjå ein høg haug eller eit lauvrikt tre, ofra dei sine slakteroffer der og bar fram sine offergåver som gjorde meg rasande. Dit kom dei med velluktande offer, og der auste dei ut sine drikkoffer.



<sup>29</sup>Då spurde eg dei: «Kva er det med den offerhaugen som de går til?» – Det heiter offerhaug den dag i dag.

<sup>30</sup>Difor skal du seia til Israels hus: Så seier Herren Gud: Vil de gjera dykk ureine på same måten som fedrane dykkar og springa etter dei motbydelege gudane deira med hor i blikket?

<sup>31</sup> Når de kjem med gåver og lèt borna dykkar gå gjennom elden, blir de enno i dag ureine ved alle avgudane. Og så skulle de få spørja meg til råds, de israelittar! Så sant eg lever, seier Herren Gud, eg lèt ikkje dykk spørja meg til råds.

### **Herren skal dømme og reinsa Israel**

<sup>32</sup>Det skal aldri henda, det som stig opp i hugen dykkar når de seier: «Vi vil vera som folkeslaga, som slektene i landa, og dyrka stukk og stein.»

<sup>33</sup>Nei! Så sant eg lever, seier Herren Gud: Eg skal herska over dykk med sterk hand og strak arm og ausa ut min harme.

<sup>34</sup>Eg skal føra dykk ut frå folka og samla dykk frå landa der de er spreidde, med sterk hand og strak arm, og ausa ut min harme.

<sup>35</sup> Så fører eg dykk ut i ørkenen til folka, og der skal eg fella dom over dykk, andlet til andlet.

<sup>36</sup> Slik som eg felte dom over fedrane dykkar i ørkenen ved Egypt, slik skal eg fella dom over dykk, seier Herren Gud.

<sup>37</sup> Eg lèt dykk gå under herskarstaven og fører dykk inn i smeltingelen.

<sup>38</sup>Eg skil ut frå dykk dei som er trassige og gjer opprør mot meg. Eg fører dei bort frå landet der dei held til som framande, men til Israels-landet skal dei ikkje få koma. Då skal de kjenna at eg er Herren.

<sup>39</sup>De israelittar, så seier Herren Gud: Kvar og ein kan berre gå og dyrka avgudane sine! Men sidan skal de verkeleg høyra på meg og aldri meir vanhelga mitt heilage namn med offergåvene og avgudane dykkar.

<sup>40</sup>For på mitt heilage fjell, på det høgaste fjellet i Israel, skal heile Israels hus tena meg, alle som er i landet, seier Herren Gud. Der skal eg visa dei godvilje, og der skal eg spørja etter offergåvene og førstegrøda som de ber fram, alle dei heilage gåvene dykkar.

<sup>41</sup>For den gode offerangen si skuld vil eg visa godvilje når eg fører dykk ut frå folka og samlar dykk frå landa der de no er spreidde. Gjennom dykk viser eg meg heilag framfor auga på folkeslaga.

<sup>42</sup>De skal kjenna at eg er Herren når eg fører dykk til Israels land, det landet som eg med lyft hand lova å gje fedrane dykkar.

<sup>43</sup>Der skal de minnst korleis de gjekk fram og alt de gjorde og vart ureine ved. De skal avsky dykk sjølve fordi de gjorde så mykje vondt.

<sup>44</sup>De skal kjenna at eg er Herren når eg handlar slik med dykk for mitt namn skuld, Israels hus, og ikkje gjev dykk att for dykkar vonde ferd og øydeleggjande gjerningar, seier Herren Gud.

## Esekiel 21

### Skogen skal brenna

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup>Menneske, vend deg i retning Teman, spå mot sør og tal profetord mot skoglandet i Negev!

<sup>3</sup>Sei til Negev-skogen: Høyr Herrens ord! Så seier Herren Gud: Eg set fyr på deg, og elden skal svi av kvart tre i deg, både friske og tørre. Den logande elden skal ikkje slokna, men svi kvart andlet frå sør til nord.

<sup>4</sup>Alle menneske skal sjå at eg, Herren, har kveikt elden, og han skal ikkje slokna.

<sup>5</sup>Då sa eg: Å, min Herre og Gud! Dei seier om meg: «No talar han i likningar att!»

### Sverd skal drepa

<sup>6</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>7</sup>Menneske, vend deg mot Jerusalem, spå mot heilagdomen og tal profetord mot Israels land!

<sup>8</sup>Sei til Israels land: Så seier Herren: Sjå, eg kjem over deg. Eg dreg sverdet or slira og ryddar ut både rettferdige og urettferdige hos deg.

<sup>9</sup>Fordi eg vil rydda ut både rettferdige og urettferdige hos deg, skal sverdet mitt fara ut or slira mot alle menneske, frå sør til nord.

<sup>10</sup>Alle menneske skal kjenna at eg, Herren, har drege sverdet or slira, og det skal ikkje koma tilbake dit.

<sup>11</sup>Men du, menneske, skal stønna som om hoftene blir knuste. Med bitter smerte skal du stønna rett framfor auga på dei.

<sup>12</sup>Og når dei seier til deg: Kvifor stønnar du, skal du svara: På grunn av ei melding som kjem. Då skal kvart hjarte smelta bort, alle hender bli slappe, kvar ånd bli motlaus og alle kne bli som vatn. Sjå, det kjem, det skal henda! seier Herren Gud.

<sup>13</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>14</sup>Menneske, tal profetord og sei: Så seier Herren: Sverd, sverd, kvesst og slipt,

<sup>15</sup>kvesst for å slakta, slipt for å blinka som lyn. – Eller skal vi gleda oss? Herskarstaven til son min foraktar du, kvart tre. –

<sup>16</sup>Sverdet vart gjeve til sliping og lagt i handa. Det vart kvesst og slipt og gjeve til den som skal drepa.

<sup>17</sup> Skrik og hyl, du menneske! For sverdet råkar mitt folk og alle Israels fyrstar. Dei er overlatne til sverdet saman med mitt folk. Difor skal du slå deg på låret.

<sup>18</sup>For dette er prøva. Kva om du òg har forakta herskarstaven? Det skal ikkje henda, seier Herren Gud.

<sup>19</sup>Du menneske, tal profetord og slå i hop hendene! To og tre gonger skal sverdet råka. Det er eit sverd som drep mange, eit veldig drapssverd som trengjer djupt inn,

<sup>20</sup>så hjartet skal skjelva og mange skal snubla. Eg set eit slaktesverd ved alle portane deira. Ve! Det er laga for å lyna, slipt for å slakta.

<sup>21</sup>Bit kvast til høgre og hogg til venstre, kvar du så blir vend.

<sup>22</sup> Då skal eg òg slå hendene saman og bruka opp min harme. Eg, Herren, har tala.

<sup>23</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>24</sup>Du menneske, merk av to vegar som sverdet til Babel-kongen kan følgja. Begge vegane skal gå ut frå same landet. Og der vegane tek av til byar, skal du setja opp merke

<sup>25</sup> ved vegkryssa, så sverdet kan fara til Rabba i ammonittlandet og til Juda, som har Jerusalem til festningsby.

<sup>26</sup> Attmed vegskiljet der dei to vegane byrjar, har Babel-kongen stilt seg opp for å ta varsel. Han kastar lodd med piler, søkjer råd hos terafar og granskar levra frå offerdyr.

<sup>27</sup>I høgre handa har han varselet for Jerusalem. Der skal han reisa rambukkar, opna munnen i kampskrik og lyfta røysta til krigsrop. Han skal stilla opp rambukkar mot portane, kasta opp ein voll og byggja skansar.

<sup>28</sup> I folks auge er dette eit tomt varsel, endå dei har eid på det. Dette minner dei om skulda som fører til fangenskap.

<sup>29</sup>Difor, så seier HerrenGud: De minner dykk sjølve om dykkar skuld når brota dykkar blir openberre så synda viser seg i alt de gjer. Fordi de er minte om det, skal de takast til fange.

<sup>30</sup>Og du, din gudlause brotsmann, Israels fyrste! Dagen er komen, tida for di endelege straff.

<sup>31</sup> Så seier Herren Gud: Bort med turbanen, av med krona! Ikkje noko skal vera som det var! Gjer det låge høgt og det høge lågt!

<sup>32</sup> Ruin, ruin, ruin gjer eg det til. Heller ikkje dette skjer før han kjem, han som eg har overlata dommen til.

<sup>33</sup> Du menneske, tal profetord og sei: Så seier Herren Gud om ammonittane og deira spott: Sverd! Sverd! Trekt for å slakta, slipt for å sluka og lyna.

<sup>34</sup> Medan du får tomme syn og varsel som er løgn, skal det rettast mot halsen på gudlause brotsmenn. Dagen er komen, tida for den endelege straffa.

<sup>35</sup>Stikk sverdet i slira! På staden der du vart skapt, i landet du stammar frå, der vil eg dømme deg.

<sup>36</sup>Eg auser ut min harme over deg og blæs min vreideeld mot deg. Eg gjev deg over til ilskne menneske, meistrarar i øydelegging.

<sup>37</sup>Du skal bli til føde for elden, blodet ditt skal renna midt i landet, og ingen skal minnast deg meir. For eg, Herren, har tala.

## **Esekiel 22**

### **Dom over blodbyen**

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup> Du menneske, vil du dømme? Vil du dømme blodbyen og la han få vita om alt det avskyelege der?

<sup>3</sup>Du skal seia: Så seier Herren Gud: Byen som lèt blodet renna i gatene, hans tid kjem. Han har laga seg avgudsbilete og er vorten urein.

<sup>4</sup>Med blodet du lèt flyta, fører du skuld over deg, og med avgudsbileta du lagar, gjer du deg urein. Du nærmar deg dine dagars ende, du kjem til slutten av dine år. Difor gjer eg deg til spott for folkeslaga, til hån for alle land.

<sup>5</sup>Både nær ved og langt borte skal folk håna deg, du som har skitna til namnet ditt og er i full forvirring.

<sup>6</sup>Sjå, Israels fyrstar, kvar med si makt, er hos deg for å ausa ut blod.

<sup>7</sup>Hos deg foraktar dei far og mor, undertrykkjer innflyttarar og er harde mot farlause og enkjer.

<sup>8</sup>Heilagdomane mine vanvørder du, og sabbatane mine vanhelgar du.

<sup>9</sup>Hos deg baktalar dei og auser ut blod. Dei et offerkjøt på haugane og oppfører seg lausaktig.

<sup>10</sup> Dei avdekkjer den nakne kroppen til far sin og krenkjer kvinner som er ureine med menstruasjon.

<sup>11</sup> Ein mann gjer avskyelege ting med kona til nesten sin, ein annan driv hor med svigerdottera, og ein tredje krenkjer syster si, dotter til hans eigen far.

<sup>12</sup> Hos deg tek dei pengar for å ausa ut blod. Du tek renter og avgift. Du utnyttar nesten din med utpressing. Men meg har du gløymt, seier Herren Gud.

<sup>13</sup>Sjå, eg slår hendene saman fordi du har skaffa deg urett vinning og aust ut blod.

<sup>14</sup>Held hjartet ditt enno stand, er hendene dine enno sterke den dagen eg grip inn mot deg? Eg, Herren, har tala, og eg set det i verk.

<sup>15</sup>Eg spreier deg mellom folkeslaga og strør deg ut i landa. Og eg friar deg heilt for ureinskap.

<sup>16</sup>Du blir vanæra rett framfor auga på folkeslaga. Og då skal du kjenna at eg er Herren.

### Israel i smelteomnen

<sup>17</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>18</sup> Menneske, for meg har Israels hus vorte til slagg. Alle er dei som kopar, tinn, jern og bly i ein smelteomn. Som ureinsa sølv er dei.

<sup>19</sup>Difor seier Herren Gud: Sjå, fordi de alle har vorte slagg, samlar eg dykk i Jerusalem.

<sup>20</sup> Slik ein samlar sølv, kopar, jern, bly og tinn i ein smelteomn og så pustar på elden for å smelta det, slik skal eg i min vreide og harme samla dykk, leggja dykk i omnen og smelta dykk.

<sup>21</sup>Når eg samlar dykk og pustar på dykk med min vreides eld, skal de smelta i den.

<sup>22</sup>Som sølvet smeltar i omnen, slik skal de òg smeltast i han. Då skal de kjenna at eg er Herren, og eg auser ut min harme over dykk.

### Alle i landet gjorde urett

<sup>23</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>24</sup>Menneske, sei til henne: Du er eit land som ikkje er reinsa. Du får ikkje regn på vreidedagen.

<sup>25</sup>Fyrstane dine liknar brølande løver som riv sund bytte. Dei et menneske, tek rikdom og dyre skattar og gjer mange til enkjer der.

<sup>26</sup>Prestane gjer vald på mi lov og vanhelgar mine heilagdomar. Dei skil ikkje mellom innvigd og uinnvigd. Dei lærer ikkje folk å skilja mellom ureint og reint. Dei lèt att auga for sabbatane mine. Slik blir eg vanæra mellom dei.

<sup>27</sup>Leiarane i landet liknar ulvar som riv sund byttet sitt. Dei auser ut blod og lèt liv gå tapt for å skaffa seg urett vinning.

<sup>28</sup>Profetane stryk kalk på veggene for dei. Dei har tomme syn og spår løgn når dei seier: «Så seier Herren Gud», endå Herren ikkje har sagt noko.

<sup>29</sup>Folket i landet bruker vald og driv med ran og rov. Dei er harde mot hjelpelause og fattige og undertrykkjer innflyttarane utan rett.

<sup>30</sup>Eg har leita mellom dei etter ein mann som kan byggja opp muren og stilla seg i mur-rivnene for landet så det ikkje blir øydelagt. Men eg fann ingen.

<sup>31</sup>Så auser eg ut mitt sinne over dei, eg gjer ende på dei med elden frå min vreide. Eg lèt gjerningane deira koma over deira eigne hovud, seier Herren Gud.

## Esekiel 23

### Dei to systrene

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup>Menneske, det var to kvinner, døtrer til ei og same mor.

<sup>3</sup>Dei hora i Egypt, i sin ungdom dreiv dei hor. Der klemde dei på brysta deira, der tok dei på dei jomfruelege brysta.

<sup>4</sup>Den eldste heitte Ohola, og systera heitte Oholiba. Dei vart mine, og dei fødte søner og døtrer. – Namnet Ohola står for Samaria og Oholiba for Jerusalem.

<sup>5</sup>Ohola dreiv hor endå ho var mi. Ho lengta etter elskarane sine, assyrarane, og dei kom til henne.

<sup>6</sup>Dei var kledde i purpur, statthaldarar og stormenn, staute unge menn alle saman, ryttarar høgt til hest.

<sup>7</sup>Ho gav seg til dei i hor, dei var alle mellom Assurs fremste menn. Slik gjorde ho seg urein med alle ho lengta etter, med alle avgudane deira.

<sup>8</sup>Ho heldt ikkje opp med horelivet frå tida i Egypt. Der låg dei med henne då ho var ung, tok på dei jomfruelege brysta og tømde sitt hor ut over henne.

<sup>9</sup>Difor gav eg henne over til elskarane, assyrarane, som ho lengta etter.

<sup>10</sup> Dei kledde henne naken, tok sønene og døtrene hennar og drap henne med sverd. Ho fekk dårleg rykte på seg mellom kvinner, dom vart felt over henne.

<sup>11</sup> Dette såg Oholiba, syster hennar. Likevel var ho verre enn systera med sin lengsel og sitt horeliv.

<sup>12</sup>Ho lengta etter assyrarane, statthaldarar og stormenn som kom til henne i staselege klede, ryttarar høgt til hest, staute unge menn alle saman.

<sup>13</sup>Eg såg at ho vart urein, begge gjekk dei same vegen.

<sup>14</sup> Men endå dreiv ho sitt horeri. Ho fekk sjå bilete av kaldearar, rita inn på veggen med raudt.

<sup>15</sup>Dei hadde belte om livet og flagrande turbanar på hovudet. Alle såg ut som dugande stridsmenn. Slik var biletet av Babels menn, dei som har Kaldea til heimland.

<sup>16</sup>Ved synet av mennene vart lengselen hennar vekt, og ho sende bod etter dei i Kaldea.

<sup>17</sup>Babelmennene kom til henne på elskhugsleiet og gjorde henne urein med horeriet. Men då ho hadde vorte urein, braut ho med dei.



<sup>18</sup>Sidan ho dreiv hor så openlyst og kledde seg naken, braut eg med henne, som eg før hadde brote med syster hennar.

<sup>19</sup>Men fordi ho mintest ungdomsdagane, då ho dreiv hor i Egypt, hora ho meir og meir.

<sup>20</sup>Ho lengta etter belarane sine, med lem som esel og sprut som hestar.

<sup>21</sup>Du tenkte med lengsel på din skamlause ungdom, på det egyptarane gjorde med brysta dine, dei unge brysta.

<sup>22</sup> Difor, Oholiba, så seier Herren Gud: No eggjar eg elskarane dine mot deg, dei som du braut med. Eg sender dei mot deg frå alle kantar:

<sup>23</sup> Babels menn, alle kaldearane, mennene frå Pekod, Sjoa og Koa, og alle assyrrarane saman med dei, staute unge karar, statthaldarar og stormenn alle saman, dugande stridsmenn og utvalde menn, alle høgt til hest.

<sup>24</sup> Dei kjem imot deg frå nord med rullande vogner og ei mengd med folk. Langskjold og rundskjold og hjelmar stiller dei opp mot deg frå alle kantar. Eg gjev dommen over til dei, og dei skal dømme deg etter sine lover.

<sup>25</sup>Men deg gjev eg min sjalusi, så dei går laus på deg i harme. Nasen og øyra skjer dei av deg, og det som er att til slutt, skal falla for sverd. Sønene og døtrene dine tek dei, og det som er att til slutt, skal fortærast av eld.

<sup>26</sup>Dei riv av deg kleda og tek smykka dine.

<sup>27</sup>Slik gjer eg slutt på det skamlause horelivet som du la deg til i Egypt. Du skal ikkje kikka etter elskarane dine, og egyptarane skal du ikkje tenkja på meir.

<sup>28</sup>For så seier Herren Gud: Sjå, eg gjev deg over i hendene på dei du hatar, dei som du braut med.

<sup>29</sup> Dei skal visa sitt hat mot deg og ta frå deg alt du har streva for. Dei lèt deg liggja naken og avkledd så ditt nakne hor blir synleg, ditt skamlause horeliv.

<sup>30</sup>Dette skal dei gjera mot deg fordi du dreiv hor og la deg etter andre folkeslag og gjorde deg urein med avgudane deira.

- 31**På di sisters veg gjekk du, og hennar beger gjev eg i di hand.
- 32**Så seier Herren Gud: Begeret til syster di skal du drikka, det er både djupt og vidt. Då blir du til lått og spott, for begeret rømmer mykje.
- 33** Du blir drukken og full av sorg. Eit beger med redsle og ruin er begeret til Samaria, syster di.
- 34**Du må drikka det ut til siste dropen og knusa det til brot, og brysta dine skal du kutta opp. For eg har tala, seier Herren Gud.
- 35**Difor seier Herren Gud: Fordi du gløymde meg og vende meg ryggen, skal du bera vekta av ditt skamlause horeliv.
- 36**Herren sa til meg: Menneske, vil du dømme Ohola og Oholiba? Då skal du fortelja dei om alt det avskyelege dei har gjort.
- 37** Dei braut ekteskapet og har blod på hendene. Dei braut ekteskapet ved å dyrka avgudane sine, og borna som dei hadde fødd meg, gav dei til føde for dei.
- 38** Ja, endå meir har dei gjort mot meg: Dei gjorde heilagdomen min urein og vanhelga sabbatane mine.
- 39**Når dei hadde slakta borna sine for avgudane, kom dei same dagen inn i heilagdomen min og vanhelga han. Sjå, dette gjorde dei i mitt hus!
- 40**Dei sende til og med bod etter menn i fjerne land. Det vart sendt ein bodberar til dei, og sjå, då kom dei, desse som du hadde vaska deg for, sminka auga og pynta deg for med smykke.
- 41**Du sette deg på ei prektig seng. Eit bord stod duka framfor den, og der sette du fram min røykjelse og min olje.
- 42**Der inne høyrdest lyden av ein sorglaus og støyande flokk. Og til den store mengda av menneske kom drikkebrør som vart henta frå ørkenen. Dei kom med armband til kvinnene og staselege diadem til å ha på hovudet.
- 43**Då sa eg: «Ho er utsliten av ekteskapsbrot. Men no held dei sanneleg horelag, ja, ho òg!»

<sup>44</sup>Dei gjekk inn til henne. Slik ein går inn til ei prostituert kvinne, slik gjekk dei til Ohola og Oholiba, dei skamlause kvinnene.

<sup>45</sup>Men rettferdige menn skal dømma dei for brot på lova om ekteskapet og lova mot å ausa ut blod. For dei har brote ekteskapet, og dei har blod på hendene.

<sup>46</sup>For så seier Herren Gud: Eg samlar ei folkemengd mot dei og gjev dei over til angst og plyndring.

<sup>47</sup>Mengda skal steina dei og skamhogga dei med sverd. Sønene og døtrene skal dei drepa, og husa skal dei brenna.

<sup>48</sup>Eg gjer slutt på skamløysa i landet. Alle kvinner skal ta lærdom av det, dei skal ikkje lenger leva skamlaust som de.

<sup>49</sup>Eg gjev dykk att for skamløysa, de må sjølve bera straffa for den syndige avgudsdyrkinga. Då skal de kjenna at eg er Herren Gud.

## **Esekiel 24**

### **Ve den blodige byen**

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg i det niande året, på den tiande dagen i den tiande månaden:

<sup>2</sup>Menneske, skriv opp namnet på denne dagen, nettopp denne dagen! For kongen av Babel har rykt fram mot Jerusalem på nettopp denne dagen.

<sup>3</sup>Fortel ei likning til dette trassige folket. Sei til dei: Så seier Herren Gud: Set gryta over! Set henne over og slå vatn oppi!

<sup>4</sup>Legg kjøtstykke oppi, berre gode stykke av lår og bog, fyll gryta med dei beste knokane!

<sup>5</sup>Ta det beste av småfeet! Legg ved under gryta. Lat henne koka opp, og lat knokane stå og koka.

<sup>6</sup>Difor, så seier Herren Gud: Ve den blodige byen, gryta som har skjoldar, og som skjoldane ikkje går av. Tøm henne, stykke for stykke. Det er ikkje kasta lodd om henne.

<sup>7</sup>For det flaut blod der i byen. Dei lét det renna på nakne berget og slo det ikkje ut på bakken så molda kunne dekkja det.

<sup>8</sup>For å gje harmen fritt løp, for å få hemn, lét eg blodet renna på nakne berget så det ikkje skulle dekkjast til.

<sup>9</sup>Difor, så seier Herren Gud: Ve den blodige byen! Eg òg gjer bålet stort.

<sup>10</sup>Legg på mykje ved, kveik opp eld! Kok kjøtet tørt, kok krafta inn, lat knokane bli brende.

<sup>11</sup>Lat gryta stå tom på glørne, lat henne bli så varm at koparen gløder. Så skal ureinkskapen smeltast ut or henne og skjoldane bli borte.

<sup>12</sup>Skjoldar gjev strev. Men skjoldane går ikkje av, i elden med dei!

<sup>13</sup>Du er urein og skamlaus. Eg reinsa deg, og endå vart du ikkje rein. No vil eg ikkje reinsa deg meir før eg har brukt opp min harme på deg.

<sup>14</sup>Eg, Herren, har tala. Det kjem, eg set det i verk, eg lét ikkje vera. Eg viser ikkje medkjensle og angrar ikkje. Etter di ferd og dine gjerningar skal dei dømme deg, seier Herren Gud.

### Profetens sorg

<sup>15</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>16</sup>Menneske, sjå, med eitt slag tek eg frå deg det som gjev auga glede. Men sørg ikkje, gråt ikkje og fell ikkje tårer.

<sup>17</sup> Du skal sukka stilt, men du skal ikkje halda sørgjehøgtid over dei døde. Bind turbanen på deg og ta sandalar på føtene! Løyn ikkje skjegget, og et ikkje brødet folk kjem med!

<sup>18</sup>Eg tala til folket om morgonen, om kvelden døydde kona mi. Morgonen etter gjorde eg som eg var pålagd.

<sup>19</sup>Då sa folket til meg: «Vil du ikkje fortelja oss kva dette har med oss å gjera? Kvifor gjer du det?»

<sup>20</sup>Eg svara: Herrens ord kom til meg:

<sup>21</sup>Sei til Israels hus: Så seier HerrenGud: Sjå, eg vil vanhelga heilagdomen min, dykkar stolte vern, det som gjev auga glede og som sjela lengtar etter. Sønene og døtrene som de lét vera att, skal falla for sverd.

<sup>22</sup>Då skal de gjera som eg har gjort: Løyn ikkje skjegget, et ikkje brødet folk kjem med!

<sup>23</sup> Bind turbanen om hovudet, ta sandalar på føtene! Sørg ikkje, gråt ikkje! De skal visna bort i syndene dykkar og stønna til kvarandre.

<sup>24</sup> Esekiel skal vera eit varsel for dykk. Alt han har gjort, skal de òg gjera. Når dette hender, skal de kjenna at eg er Herren Gud.

<sup>25</sup>Og du, menneske, den dagen eg tek frå dei deira vern, deira herlege fryd, det som gjev auga glede og som sjela ber på, sønene og døtrene deira,

<sup>26</sup> den dagen skal den som slepp unna, koma til deg og la deg få høyra om det.

<sup>27</sup> Den dagen skal munnen din opnast framfor den som slapp unna. Du skal tala og ikkje lenger vera mållaus. Du skal vera eit varsel for dei, og dei skal kjenna at eg er Herren.

## Esekiel 25

### Domsord mot grannfolk

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup>Menneske, vend deg mot ammonittane og tal profetord mot dei.

<sup>3</sup>Sei til ammonittane: Høyr ordet frå HerrenGud: Så seier Herren Gud: Du sa ha-ha! om min heilagdom då han vart vanhelga, om Israels land då det vart lagt øyde, om Judas hus då dei gjekk i eksil.

<sup>4</sup>Sjå, difor lét eg folka frå aust ta deg i eige. Dei skal slå leir og setja opp bustader hos deg. Dei skal eta di frukt og drikk di mjølk.

<sup>5</sup>Rabba gjer eg til ei beitemark for kamelar, Ammon til kvileplass for småfe. Då skal de kjenna at eg er Herren.

<sup>6</sup>For så seier Herren Gud: Du klappa i hendene, du trampa med føtene, du fryda deg over Israels land i forakt.

<sup>7</sup>Sjå, difor lyfter eg handa mot deg og gjev deg til bytte for andre folkeslag. Eg ryddar deg ut frå folkeslaga, eg utslettar deg frå landa, eg øydelegg deg. Og du skal kjenna at eg er Herren.

<sup>8</sup>Så seier Herren Gud: Moab og Se'ir har sagt: «Judas hus er som alle andre folkeslag.»

<sup>9</sup>Sjå, difor opnar eg Moabs høgdedrag ved byane, frå byane til grensa, Bet-Jesjimot, Baal-Meon og Kirjatajim, pryden i landet.

<sup>10</sup>Eg lèt folka frå aust ta landet i eige slik eg gjorde med ammonittane. Ammonittane skal ikkje bli hugsa mellom folkeslaga.

<sup>11</sup>Mot Moab set eg dommen i verk, dei skal kjenna at eg er Herren.

<sup>12</sup> Så seier Herren Gud: Edom har hemna seg på Judas hus og ført stor skuld over seg med sin hemn.

<sup>13</sup> Difor seier Herren Gud: Eg lyfter handa mot Edom og ryddar ut menneske og dyr. Eg legg landet audt. Frå Teman til Dedan skal dei falla for sverd.

<sup>14</sup>Eg hemnar meg på Edom ved folket mitt, Israel. Dei skal gjera med Edom etter min vreide og harme. Edom skal få kjenna min hemn, seier Herren Gud.

<sup>15</sup> Så seier Herren Gud: Filistrane tok hemn, dei hemna seg med forakt og herja for gammal fiendskap skuld.

<sup>16</sup> Difor seier Herren Gud: Sjå, eg lyfter handa mot filistrane, eg ryddar ut kretarane og gjer ende på resten av folket ved kysten.

<sup>17</sup>Eg tek ein hard hemn over dei med flammande straff. Dei skal kjenna at eg er Herren når eg hemnar meg på dei.

## Esekiel 26

### Tyros skal gå til grunne

- <sup>1</sup> Det var i det ellevte året, på den første dagen i månaden. Herrensord kom til meg:
- <sup>2</sup> Menneske, Tyros har sagt om Jerusalem: «Ha-ha! Knust er ho som var ein port for folka, no er ho vend mot meg. Eg gjer meg rik, ho er lagd øyde.»
- <sup>3</sup> Difor seier Herren Gud: Eg kjem over deg, Tyros. Eg lèt mange folkeslag slå inn over deg, liksom havet lèt bølgiene slå.
- <sup>4</sup> Dei skal bryta ned murane kring Tyros og leggja tårna i grus. Eg vil feia jorda vekk og gjera henne til nake berg.
- <sup>5</sup> Ein tørkeplass for fiskegarn skal ho bli, midt i havet, for eg har tala, seier Herren Gud. Ho skal bli eit bytte for folkeslaga.
- <sup>6</sup> Døtrene ute på marka skal bli drepne med sverd. Dei skal kjenna at eg er Herren.
- <sup>7</sup> For så seier Herren Gud: Sjå, frå nord sender eg Nebukadnesar mot Tyros, Babels konge, kongen over kongar, med hestar, vogner og ryttarar, ein hær av folk.
- <sup>8</sup> Døtrene dine ute på marka skal han slå i hel med sverd. Han skal byggja skansar, kasta opp ein voll og reisa ein mur av skjold mot deg.
- <sup>9</sup> Så støyter han rambukken mot murane dine, med våpen bryt han tårna ned.
- <sup>10</sup> Han har så mange hestar at støvet frå dei dekkjer deg. Av larmen frå ryttarar, hjul og vogner rister murane dine når han dreg inn gjennom portane slik dei rykkjer inn i ein hærteken by.
- <sup>11</sup> Med hovane av sine hestar trakkar han alle gater sund. Han drep folket ditt med sverd, kraftige søyler styrtar til jorda.
- <sup>12</sup> Dei røvar rikdomen din og tek varene til krigsbytte. Dei bryt murane ned og riv kostbare hus. Stein, tre og jord kastar dei på sjøen.
- <sup>13</sup> Eg gjer eg slutt på lyden av songane dine, klangen av lyrer skal ikkje høyrast.

<sup>14</sup>Eg gjer deg til eit nake berg. Ein tørkeplass for fiskegarn skal du bli. Du skal ikkje byggjast opp att, for eg, Herren, har tala, seier Herren Gud.

<sup>15</sup>Så seier Herren Gud til Tyros: Sanneleg, kystane skal skjelva ved drønnet når du fell, når dei såra stønnar, når slaktinga set i gang hos deg.

<sup>16</sup> Då skal alle fyrstane ved havet stiga ned frå trona, leggja kappa bort og ta av seg dei fargerike kleda. Dei kler seg i redsle og set seg på jorda. Dei skjelv stadig, slegne av skrekk på grunn av deg.

<sup>17</sup> Dei stemmer i ei likklage og seier om deg: Korleis kunne du gå til grunne, du som fekk ditt folk frå havet, den lovprisa byen som var mektig på sjøen, byen og hennar innbyggjarar som spreidde redsle blant alle som bur der.

<sup>18</sup>No skjelv kystane, det er dagen for ditt fall, øyane i havet blir slegne av skrekk over den enden du fekk.

<sup>19</sup>Så seier Herren Gud: Når eg gjer deg til ein herja by, lik byar det ikkje bur folk i, når eg lèt havdjupet slå inn over deg og veldige vatn dekkjer deg,

<sup>20</sup>då fører eg deg ned til dei som har gått i grav, ned til folk frå fortida. Eg lèt deg bu i landet der nede, det liknar ruinar frå gammal tid, saman med dei som har gått i grav, så du ikkje vender attende og får plass i landet til dei levande.

<sup>21</sup> Eg gjer deg til skremsel, du skal ikkje vera meir. Dei skal leita etter deg, men du skal aldri meir bli funnen, seier Herren Gud.

## Esekiel 27

### Likklage over Tyros

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup>Du menneske, stem i ei likklage over Tyros!

<sup>3</sup>Du skal seia til Tyros, som ligg ved portane til havet og handlar med folk på mange kystar: Så seier Herren Gud: Tyros, du har sagt: «Eg er fullkomen i min venleik.»



- <sup>4</sup>Midt ute på havet går grensene dine. Dei som bygde deg, gjorde deg fullkomen i venleik.
- <sup>5</sup>Dei bygde med plankar av sypress frå Senir, ein seder frå Libanon tok dei for å laga deg ei mast.
- <sup>6</sup>Av eik frå Basan laga dei årar, treverk innlagt med elfenbein laga dei av sypress frå kittearøyane.
- <sup>7</sup>Seglet var av fint og fargerikt lin frå Egypt. Det skulle vera merket ditt. Solduken var blått og raudt purpur frå Elisja-kystane.
- <sup>8</sup>Folk frå Sidon og Arvad var rorskarane dine. Dine klokaste, Tyros, var mannskap.
- <sup>9</sup>Gebals eldste og klokaste menn var skipstømrarane dine. Alle skip og sjøfolk på havet kom til deg for å byta varer.
- <sup>10</sup>Menn frå Persia, Lud og Put var krigsmenn i hæren din. Dei hengde opp skjold og hjelmar hos deg, dei kasta glans over deg.
- <sup>11</sup>Menn frå Arvad og din eigen hær stod omkring på murane, gammadeorar var i tårna dine. Dei hengde opp skjolda sine omkring på murane og gjorde deg fullkomen i venleik.
- <sup>12</sup>Tarsis dreiv handel med deg, for rikdomen din var stor. Dei gav deg sølv og jern, tinn og bly tilbake.
- <sup>13</sup>Javan, Tubal og Mesjek handla med deg. Dei gav slavar og bronsekar i byte.
- <sup>14</sup>Frå Bet-Togarma gav dei deg arbeidshestar, ridehestar og muldyr tilbake.
- <sup>15</sup>Folk frå Dedan handla med deg, mange øyar dreiv handel. Dei betalte tilbake med elfenbein og ibenholt.
- <sup>16</sup>Aram dreiv handel med deg fordi du hadde alle slag handverk. Edelsteinar, raudt purpur og fargerikt tøy, fint lin, korallar og rubinar gav dei deg tilbake.
- <sup>17</sup>Juda og Israels land handla med deg. Kveite frå Minnit, hirse og honning, olje og balsam gav dei i byte.

- 18** Damaskus dreiv handel med deg. Du hadde alle slag handverk, for rikdomen din var stor. Vin frå Helbon, ull frå Sahar
- 19** og Dan og vin frå Usal gav dei deg tilbake. Også smijern, kassia og kalmus fekk du i byte.
- 20** Dedan handla med deg, fine hestedekken.
- 21** Arabia og alle fyrstane i Kedar dreiv handel, dei handla med lam, bukkar og geiter.
- 22** Kjøpmenn frå Saba og Rama handla med deg, den finaste balsam, dyre steinar og gull gav dei deg tilbake.
- 23** Harran, Kanne og Eden og kjøpmenn frå Saba, Assur og Kilmad handla med deg,
- 24** dei handla med deg på marknaden din, staselege klede og kapper av purpur, fargerike tøy, teppe med mønster og snorer som var tvinna stramt.
- 25** Tarsis-skip var dine handelskaravanar. Du var fylt av varer og tungt lasta midt ute på havet.
- 26** Rorskarane førte deg til mange farvatn. Austavinden knuste deg midt ute på havet.
- 27** Din rikdom, dine varer og alt du fekk i byte, mannskap og styrmenn, skipstømrarar og bytehandlarar, alle krigsmenn og heile din hær som er hos deg, søkk midt ute på havet den dagen du går under.
- 28** Når skriket frå styrmennene lyder, skjelv strendene.
- 29** Då forlèt alle sine skip, rorskarane, mannskapet og sjømennene går i land.
- 30** Dei lèt klaga over deg lyda, dei skrik bittert. Dei kastar støv på hovudet, dei velter seg i oske.
- 31** Dei rakar seg snaue på skallen for di skuld. Dei kler seg i sekkestrie og græt bittert over deg, ei bitter klage.

<sup>32</sup>Dei stemmer i ei likklage, dei syng ut si klage over deg: Kven var som Tyros der ute på havet?

<sup>33</sup>Med varene du førte inn frå alle hav, metta du mange folk. Med den store rikdomen din og alt du bytte til deg, gjorde du kongar på jorda rike.

<sup>34</sup>No er du knust av havet, i djupet ligg du. Alt du bytte til deg og heile hæren din har gått under.

<sup>35</sup> Alle som bur ved kysten, er forstøkte over deg, håret reiser seg på hovudet til kongane, andletet er fordreia.

<sup>36</sup> Kjøpmenn mellom folka plystrar hånleg til deg. Eit skremsel har du vorte, du er borte for alltid.

## Esekiel 28

### Dom over fyrsten av Tyros

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup>Menneske, sei til fyrsten av Tyros: Så seier Herren Gud: Fordi hjartet ditt er hovmodig, har du sagt: «Eg er ein gud. Eg sit på gudetrone midt ute på havet.» Men du er eit menneske og ikkje ein gud, du har gjort hjartet ditt likt eit gudehjarte.

<sup>3</sup>Sjå, visare er du enn Daniel, ingen løyndom er duld for deg.

<sup>4</sup>Med visdom og vit har du skaffa deg makt, du har skaffa sølv og gull til skattkammera dine.

<sup>5</sup>Med stor visdom i handel auka du di makt, men hjartet vart hovmodig av makta.

<sup>6</sup>Difor seier Herren Gud: Fordi du gjorde hjartet likt eit gudehjarte,

<sup>7</sup>sender eg mot deg framande, brutale folkeslag. Dei dreg sverdet mot din vene visdom og vanærar di prakt.

<sup>8</sup>Dei styrtar deg i avgrunnen, drepen manns død skal du lida midt ute på havet.

<sup>9</sup>Vil du verkeleg seia «Eg er gud» andlet til andlet med din mordar? Men du er menneske og ikkje gud i hendene på dine drapsmenn.

<sup>10</sup>Uomskoren manns død skal du lida i hendene på framande. For eg har tala, seier Herren Gud.

### Likklage over kongen av Tyros

<sup>11</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>12</sup> Menneske, stem i ei likklage over kongen av Tyros og sei til han: Så seier Herren Gud: Du var eit bilete på det fullenda, fylt av visdom, fullkomen i venleik.

<sup>13</sup> I Eden, Guds hage, heldt du til. Du var dekt av alle slag dyre steinar: rubin, topas og diamant, krysolitt, onyks og jade, safir, turkis og smaragd. Forgylte kunstverk var dine trommer og fløyter, gjorde i stand for deg den dagen du vart skapt.

<sup>14</sup>Du var ein salva kjerub, eit vern. Eg innsette deg, på Guds heilage fjell heldt du til, mellom glødande steinar vandra du.

<sup>15</sup>Du var heil i di ferd frå den dagen du vart skapt, til det vart funne urett hos deg.

<sup>16</sup>Din store handel fylte deg med vald, og du tok til å synda. Då dreiv eg deg bort frå gudfjellet og gjorde ende på deg, du vaktar og kjerub mellom glødande steinar.

<sup>17</sup> Ditt hjarte vart hovmodig av din venleik, og du øydela din visdom og di prakt. Då kasta eg deg til jorda, eg sette deg framfor kongar så dei kunne sjå på deg.

<sup>18</sup>Med stor skuld og med urett i handel vanhelga du dine heilagdomar. Eg sende eld, og han gjorde ende på deg. Eg gjorde deg til oske på jorda rett framfor auga på alle som såg deg.

<sup>19</sup> Alle som kjende deg mellom folka, gyser. Eit skremsel har du vorte, du er borte for alltid.

### Profetord til Sidon

<sup>20</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>21</sup>Menneske, vend deg mot Sidon, tal profetord mot henne.

<sup>22</sup>Sei: Så seier Herren Gud: Sjå, eg kjem over deg, Sidon, og viser min herlegdom midt i deg. Dei skal kjenna at eg er Herren når eg held dom over byen og viser meg heilag der.

<sup>23</sup>Eg sender pest, blod skal renna i gatene. Der skal dei drepast, falla for sverd rette mot byen frå alle kantar. Då skal dei kjenna at eg er Herren.

<sup>24</sup>Til Israels hus skal det aldri meir koma tornar som riv og tistlar som stikk, frå alle grannefolk som foraktar dei. Dei skal kjenna at eg er Herren Gud.

<sup>25</sup>Så seier Herren Gud: Når eg samlar Israels hus frå alle folka dei er spreidde imellom, då vil eg gjennom dei visa meg heilag for auga på folkeslaga. Dei skal få bu i landet sitt, det som eg gav Jakob, tenaren min.

<sup>26</sup> Der skal dei bu trygt, byggja hus og planta vinmarker. Dei skal bu trygt når eg held dom over alle grannefolk som foraktar dei. Då skal dei kjenna at eg er Herren deira Gud.

## Esekiel 29

### Domsord mot Egypt

<sup>1</sup> Det var i det tiande året, på den tolvte dagen i den tiande månaden, at Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup> Menneske, vend deg mot farao, kongen i Egypt! Tal profetord mot han og heile Egypt.

<sup>3</sup> Tal og sei: Så seier Herren Gud: Sjå, eg kjem over deg, farao, konge over Egypt, store uhyre som ligg roleg i elvane, du som seier: «Nilen er mi, eg har laga ho sjølv.»

<sup>4</sup> Eg set krokar i kjakane på deg og klistrar fisk frå elvane dine fast til skjela dine. Eg dreg deg opp or elvane, og all fisk frå elvane klistrar seg fast til skjela dine.



<sup>5</sup>Eg slengjer deg ut i ørkenen, deg og all fisken frå elvane. Du skal bli liggjande på marka, og ingen kan samla eller sankta deg saman. Eg gjev deg til føde for villdyra på jorda og for fuglane under himmelen.

<sup>6</sup>Då skal alle som bur i Egypt, kjenna at eg er Herren, for dei har vore ein røyrstav for Israels hus.

<sup>7</sup>Når dei grip deg i handa, blir du knekt, men du flengjer armen på dei. Når dei stør seg på deg, blir du knust, men du gjer alle hofter kraftlause.

<sup>8</sup>Difor seier Herren Gud: Sjå, eg lèt sverd koma over deg, eg ryddar ut både menneske og dyr.

<sup>9</sup>Egypt skal bli øydemark og ørken, dei skal kjenna at eg er Herren. Faraos sa: «Nilen er mi, eg har laga henne.»

<sup>10</sup> Difor kjem eg mot både deg og elvane dine, eg gjer Egypt til ruinrøys og øydemark, frå Migdol til Syene, til grensa mot Kusj.

<sup>11</sup>Der skal menneskefot ikkje trø og dyrefot ikkje trakka. Ingen skal bu der på førti år.

<sup>12</sup>Eg gjer Egypt til ei øydemark mellom land som er lagde i øyde. Byane skal liggja øydde mellom ruinbyar i førti år. Eg spreier egyptarane mellom folkeslaga og strør dei ut i landa.

<sup>13</sup>Men så seier Herren Gud: Etter førti år vil eg samla egyptarane frå folka dei er spreidde imellom.

<sup>14</sup> Då vender eg lagnaden for egyptarane. Eg fører dei tilbake til Patros, landet dei kom ifrå. Der skal dei bli til eit lite kongerike.

<sup>15</sup>Det skal bli mindre enn andre rike og aldri meir lyfta seg over folkeslaga. Eg lèt dei bli så få at dei ikkje kan herska over andre.

<sup>16</sup> Hos dei skal israelittane aldri meir søkja tilflukt. Dei skal vedkjennast si skuld fordi dei vende seg til egyptarane. Dei skal kjenna at eg er Herren Gud.

### **Babel-kongen får løn for strevet**

<sup>17</sup> Det var i det tjuesjuande året, på den første dagen i den første månaden. Herrens ord kom til meg:

<sup>18</sup> Menneske! Nebukadnesar, kongen i Babel, har late hæren sin streva hardt mot Tyros. Kvart hovud er snaua, kvar skulder er flådd. Men verken han eller hæren har fått løn av Tyros for alt strevet.

<sup>19</sup> Difor seier Herren Gud: Sjå, no gjev eg Egypt til Nebukadnesar, kongen i Babel. Han skal føra bort rikdomane, plyndra og røva og ta bytte og rov. Det skal hæren hans ha i løn.

<sup>20</sup> Eg gjev han Egypt til løn for det strevet han har hatt for meg i landet, seier Herren Gud.

<sup>21</sup> Den dagen lèt eg eit horn veksa fram i Israels hus. Og eg opnar din munn midt imellom dei. Dei skal kjenna at eg er Herren.

## Esekiel 30

### Herrens dag er nær for Egypt

<sup>1</sup> Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup> Menneske, tal profetord og sei: Så seier Herren Gud: Klag og skrik: For ein dag!

<sup>3</sup> Dagen er nær, Herrens dag er nær, ein skytung dag. Tida er inne for folkeslaga.

<sup>4</sup> Sverdet kjem over Egypt. Rier av redsle grip Kusj når egyptarar blir drepne, når rikdomane blir tekne frå dei og grunnmurane jamna med jorda.

<sup>5</sup> Kusj og Put, Lud og alle ørkenfolka, Kub og menn frå land dei står i pakt med, skal falla for sverd saman med dei.

<sup>6</sup> Så seier Herren: Dei som støttar Egypt, skal falla. Den stolte makta deira skal gå under. Frå Migdol til Syene skal dei falla for sverd, seier Herren Gud.

<sup>7</sup> Dei skal leggjast aude mellom øydde land, byane skal liggja mellom ruinbyar.

<sup>8</sup>Dei skal kjenna at eg er Herren når eg set eld på Egypt og alle som hjelper det, blir knuste.

<sup>9</sup>Den dagen skal sendebod frå meg dra ut med skip for å skremma det trygge Kusj. Rier av redsle grip dei når dagen kjem for Egypt. For sjå, han kjem!

<sup>10</sup>Så seier Herren Gud: Eg gjer ende på rikdomane i Egypt med handa til Nebukadnesar, kongen i Babel.

<sup>11</sup>Han og folket hans med han, brutale folkeslag, skal førast dit for å herja landet. Dei skal dra sverd mot Egypt og fylla landet med falne.

<sup>12</sup>Eg lèt elvane tørka ut og gjev landet i hendene på vonde. Med handa til framande øydelegg eg landet og alt som fyller det. Eg, Herren, har tala.

<sup>13</sup>Så seier Herren Gud: Eg lèt avgudane gå til grunne og gjer ende på fillegudane i Nof. Det skal ikkje lenger finnast nokon fyrste frå Egypt. Eg spreier redsle i landet.

<sup>14</sup>Eg legg Patros audt, set eld på Soan og held dom over No.

<sup>15</sup>Eg auser ut min harme over Sin, festningsbyen i Egypt, og øydelegg rikdomane i No.

<sup>16</sup>Eg set eld på Egypt, Sin skal vri seg i smerte, No skal stormast og Nof takast midt på lyse dagen.

<sup>17</sup>Dei unge mennene i On og Pi-Beset skal falla for sverd, og kvinnene må fara i fangenskap.

<sup>18</sup>I Tahpanhes blir dagen mørk når eg bryt herskarstavane i Egypt så den stolte makta tek slutt. Skyer skal dekkja byen, døtrene hennar må fara i fangenskap.

<sup>19</sup>Eg held dom over Egypt. Dei skal kjenna at eg er Herren.

#### **Faraos makt er broten**

<sup>20</sup>Det var i det ellevte året, på den sjuande dagen i den første månaden. Herrens ord kom til meg:



<sup>21</sup>Menneske, eg har brote armen på farao, kongen i Egypt. Sjå, ingen har forbunde han så han kan bli frisk att. Ingen har lagt han i fatle så han blir sterk nok til å gripa sverdet.

<sup>22</sup>Difor seier Herren Gud: Sjå, eg kjem mot farao, kongen i Egypt. Eg bryt begge armene hans, både den sterke og den brotne. Eg slår sverdet ut av handa hans.

<sup>23</sup>Eg spreier egyptarane mellom folkeslaga og strør dei ut i landa.

<sup>24</sup> Eg styrkjer armene til kongen i Babel og gjev han mitt sverd i handa, men armene til farao bryt eg. Med banesår skal han sukka og stønna framfor han.

<sup>25</sup>Eg styrkjer armene til kongen i Babel, men armene til farao skal siga. Dei skal kjenna at eg er Herren når eg legg sverdet mitt i handa på Babel-kongen og han retter det mot Egypt.

<sup>26</sup>Eg spreier egyptarane mellom folkeslaga og strør dei ut i landa. Dei skal kjenna at eg er Herren.

## Esekiel 31

### Den falne sederen

<sup>1</sup>Det var i det ellefte året, på den første dagen i den tredje månaden. Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup>Menneske, sei til farao, kongen i Egypt, og til den ståkande flokken hans: Kven liknar du i din stordom?

<sup>3</sup>Sjå på Assur, ein seder på Libanon med vakre greiner, ein skuggefull skog, høg av vokster. Krona rakk opp mellom skyene.

<sup>4</sup>Vatnet gjorde sederen stor, han fekk sin vokster frå djupet, derifrå gjekk straumane rundt staden der han var planta, derifrå rann bekkene til alle tre på marka.

<sup>5</sup>Difor vart han høgare enn alle trea på marka. Han fekk mange greiner, kvistene vart lange av vatnet som strøymde så rikt.

<sup>6</sup>Alle slag fuglar under himmelen bygde reir i greinene, alle dyr på marka fødde sine ungar under lauvverket, og i skuggen av sederen budde mange folkeslag.

<sup>7</sup>Han var vakker og stor med sine lange greiner, for røtene fekk rikeleg med vatn.

<sup>8</sup>Ingen seder i Guds hage kunne måla seg med han, ingen sypress hadde slike greiner, ingen platan så rikt lauvverk. Ikkje noko tre i Guds hage var så fagert som han.

<sup>9</sup>Så fager hadde eg gjort han, med ein rikdom av greiner, at alle Eden-tre i Guds hage var misunnelege på han.

<sup>10</sup>Difor seier Herren Gud: Han vart høg av vokster, strekte krona si opp mellom skyene og vart hovmodig fordi han var høg.

<sup>11</sup>Difor gav eg han over til hovdingen over folkeslaga, så han kunne gripa inn mot han. På grunn av uretten dreiv eg han ut.

<sup>12</sup>Framande, brutale folkeslag hogg han ned og lét han liggja. På fjella og ned i dalane fall greinene. Kvistene låg knekte i alle bekkefar på jorda. Alle folk på jorda som budde i skuggen hans, braut opp og lét sederen liggja.

<sup>13</sup>På den falne stammen slo alle fuglar under himmelen seg ned, til lauvverket kom alle dyr på marka.

<sup>14</sup>Difor skal ikkje noko tre som står attmed vatn, veksa for høgt og strekkja krona opp mellom skyene. Ingen som syg vatn, skal nå så høgt som dit. For alle er gjevne døden i vald i landet der nede, mellom menneske som har gått i grav.

<sup>15</sup>Så seier Herren Gud: Den dagen sederen fór ned til dødsriket, lét eg djupet sørgja over han og dekkja seg til. Eg heldt straumane tilbake, og vassmengdene vart borte. Eg kledde Libanon i sørgjedrakt, alle tre på marka tørka bort.

<sup>16</sup> Eg fekk folkeslag til å skjelva av braket då han fall, då eg førte han ned til dødsriket, til dei som har gått i grav. Dei fann trøyst i landet der nede, alle Eden-trea, dei utvalde, dei beste på Libanon, alle som syg til seg vatn.

<sup>17</sup>Dei òg var farne ned til dødsriket saman med han, ned til dei som var falne for sverd. Og dei som hadde budd i skuggen hans, vart sådde ut mellom folkeslaga.

<sup>18</sup>Kven liknar du då mellom Eden-trea i ære og stordom? Du skal støytast ned saman med Eden-trea til landet der nede. Der skal du liggja mellom uomskorne, mellom dei som er drepne med sverd, det er farao og heile den støyande flokken hans, seier Herren Gud.

## Esekiel 32

### Likklage over farao

<sup>1</sup>Det var i det tolvte året, på den første dagen i den tolvte månaden. Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup>Menneske, stem i ei likklage over farao, kongen i Egypt, og sei til han: Du løve mellom folkeslaga, taus har du vorte. Du var som uhyret i sjøen, frøsende fór du i elvane dine. Du grumsa til vatnet med føtene og rota opp mudder i elvane.

<sup>3</sup>Så seier Herren Gud: Eg kastar garnet mitt over deg medan mange folk er samla, dei skal dra deg opp med nota.

<sup>4</sup>Eg slengjer deg opp på land og kastar deg på marka. Eg lèt alle fuglar under himmelen slå seg ned på deg og lèt alle dyr på jorda metta seg på deg.

<sup>5</sup>Eg legg kjøtet ditt på fjella og fyller dalane med blodet ditt.

<sup>6</sup>Eg vatnar jorda med blodet ditt som renn på fjella, og fyller bekkefara.

<sup>7</sup>Eg dekkjer himmelen til når eg sløkkjer deg, stjernene kler eg i svart. Sola dekkjer eg bak skyer, månen kastar ikkje lenger lys.

<sup>8</sup>Kvart skinande lys på himmelen lèt eg svartna for di skuld, eg sender mørker over landet ditt, seier Herren Gud.

<sup>9</sup>Eg skakar opp hjartet hos mange folkeslag når eg fører deg øydelagd ut mellom folka, til land du ikkje kjenner.

<sup>10</sup>Eg skremmer mange folk med deg, kongane deira gyser når eg svingar sverdet framfor dei. Kvar augneblink skjelv dei for livet sitt den dagen du fell.

<sup>11</sup>For så seier Herren Gud: Sverdet til kongen av Babel skal koma over deg.

<sup>12</sup>For sverdet til kjemper lèt eg flokken din falla, alle er brutale folkeslag. Dei smadrar det egyptarane er stolte av, heile den støyande flokken blir utrydda.

<sup>13</sup>Eg gjer ende på alt feet ved dei store vatna. Dei skal ikkje lenger grumsast til av menneskefot eller dyreklauber.

<sup>14</sup>Så gjer eg vatnet klårt og reint, elvane lèt eg renna som olje, seier Herren Gud.

<sup>15</sup>Når eg gjer Egypt til ei øydemark, når landet ligg audt og forlate, når eg slår ned alle som bur der, då skal dei kjenna at eg er Herren.

<sup>16</sup>Dette er ei likklage, og klagast skal det. Døtrere av folkeslag skal klaga. Over Egypt og heile flokken der skal dei klaga, seier Herren Gud.

#### **Farao og flokken hans i dødsriket**

<sup>17</sup>Det var i det tolvte året, på den femtande dagen i månaden. Herrensord kom til meg:

<sup>18</sup>Menneske, klag over flokken i Egypt, du og døtrene av folkeslaga, og før ned dei mektige til landet der nede, til dei som har gått i grav!

<sup>19</sup> Er du finare enn andre? Stig ned og legg deg hos uomskorne!

<sup>20</sup>Dei skal falla mellom menn som blir drepne med sverd. Sverdet vart gjeve, dei drog det mot landet og heile flokken der.

<sup>21</sup>Nede frå dødsriket skal sterke kjemper seia om farao og hjelparane hans: «No har dei fare ned og lagt seg hos uomskorne, drepne med sverd.»

<sup>22</sup>Der ligg Assur med heile hæren rundt si grav. Alle vart drepne, dei fall for sverd.

<sup>23</sup>Dei fekk gravene sine inst i hòla. Hæren ligg der rundt hans grav. Alle vart drepne, dei fall for sverd, dei som spreidde redsle i landet til dei levande.

<sup>24</sup>Der ligg Elam med heile flokken rundt si grav. Alle vart drepne, dei fall for sverd. Uomskorne fór dei til landet der nede. Dei spreidde redsle i landet til dei levande, no må dei bera si vanære hos dei som gjekk i grav.

<sup>25</sup>Mellom drepne fekk han sitt leie med heile flokken rundt si grav. Alle er uomskorne, drepne med sverd. For dei spreidde redsle i landet til dei levande, no må dei bera si vanære hos dei som gjekk i grav, mellom drepne vart dei lagde.

<sup>26</sup>Der er Mesjek og Tubal med heile flokken rundt si grav. Alle er uomskorne, drepne med sverd. Dei spreidde redsle i landet til dei levande.

<sup>27</sup>Dei ligg ikkje hos kjempene som fall uomskorne og fór ned til dødsriket med sine våpen, dei som fekk sverda lagde under hovudet, men skulda låg tungt over knoklane. For det stod redsle av kjempene i landet til dei levande.

<sup>28</sup>Du skal òg bli knust mellom uomskorne og liggja hos dei som er drepne med sverd.

<sup>29</sup>Der er Edom med sine kongar og alle sine hovdingar. Trass i all si kraft vart dei lagde hos dei som vart drepne med sverd, dei ligg hos uomskorne, hos dei som gjekk i grav.

<sup>30</sup>Der er alle fyrstane frå nord og alle dei frå Sidon. Det stod redsle av dei, men dei måtte fara ned til dei drepne. Med all si kraft vart dei til skamme. Uomskorne ligg dei hos dei som vart drepne med sverd. Dei må bera si vanære hos dei som gjekk i grav.

<sup>31</sup>Farao skal sjå dei og søkja trøyst for heile flokken sin. Farao og heile hæren er drepne med sverd, seier Herren Gud.

<sup>32</sup>Eg lét han spreia redsle i landet til dei levande, men han skal leggjast til kvile mellom uomskorne, hos dei som er drepne med sverd, både farao og heile den ståkande flokken hans, seier Herren Gud.

## Esekiel 33

### Profeten som Israels vaktmann

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup>Menneske, tal til folket ditt og sei: Når eg lèt sverd koma over eit land, vil folket der ta ein av sine egne og setja han til vaktmann.

<sup>3</sup>Når han ser sverdet koma mot landet, blæs han i hornet og åtvarar folket.

<sup>4</sup>Om nokon som høyrer hornsignalet, ikkje lèt seg åtvara, så sverdet kjem og tek han, skal blodet hans koma over hans eige hovud.

<sup>5</sup>Han hørde hornsignalet, men lét seg ikkje åtvara. Difor skal blodet hans koma over han sjølv. Om han hadde late seg åtvara, hadde han berga livet.

<sup>6</sup>Det kan henda at vaktmannen ser sverdet koma og ikkje blæs i hornet, så folket ikkje blir åtvara. Når sverdet kjem og tek livet av ein av dei, skjer det på grunn av skulda hans. Men blodet hans vil eg krevja av vaktmannens hand.

<sup>7</sup>Du menneske, eg har sett deg til vaktmann for Israels hus. Når du høyrer eit ord frå min munn, skal du åtvara dei frå meg.

<sup>8</sup>Når eg seier til ein urettferdig: «Du urettferdige, du skal døy» og du ikkje åtvarar han mot det livet han fører, då skal han døy på grunn av si skuld. Men blodet hans vil eg krevja av di hand.

<sup>9</sup>Om du åtvarar den urettferdige for at han skal venda om frå sin veg, og han likevel ikkje vender om, då skal han døy på grunn av si skuld. Men du har berga livet.

### Den som gjer rett, skal leva

<sup>10</sup>Du menneske, sei til Israels hus: De seier: «Når våre brot og synder ligg så tungt på oss at vi rotnar, korleis kan vi då leva?»

<sup>11</sup>Sei til dei: Så sant eg lever, seier Herren Gud, eg vil ikkje at den urettferdige skal døy, men at han skal venda om frå sin veg og leva. Vend om, vend om frå dykkar vonde veg! Kvifor vil de døy, Israels hus?

<sup>12</sup> Du menneske, sei til folket ditt: Rettferda til den rettferdige skal ikkje berga han den dagen han syndar. Og uretten til den urettferdige skal ikkje fella han den dagen han vender om frå si synd. Den rettferdige kan ikkje leva ved si rettferd den dagen han syndar.

<sup>13</sup>Når eg seier om den rettferdige: «Han skal leva», men han lit på si rettferd og gjer det vonde, då skal alle hans rettferdige gjerningar vera gløynde. Fordi han gjorde det vonde, skal han døy.

<sup>14</sup>Når eg seier om den urettferdige: «Han skal døy», men han så vender om frå si synd og gjer det som er rett og rettferdig,

<sup>15</sup> då skal han leva og ikkje døy. Kanskje gjev den urettferdige att det pantet han har teke, gjev vederlag for det han har røva, og følgjer dei forskriftene som gjeld for livet, så han ikkje gjer noko vondt.

<sup>16</sup>Ikkje ei av dei syndene han gjorde, skal hugsast meir. Han har gjort det som er rett og rettferdig, han skal leva.

<sup>17</sup> No vil vel folket ditt seia: «Herren går ikkje fram på rett vis.» Men det er dykkar eigen veg som ikkje er rett.

<sup>18</sup>Når den rettferdige vender seg frå si rettferd og gjer det vonde, skal han døy på grunn av det.

<sup>19</sup>Og når den urettferdige vender seg frå sin urett og gjer det som er rett og rettferdig, skal han leva på grunn av det.

<sup>20</sup>De seier at Herren ikkje går fram på rett vis. Eg vil dømma kvar av dykk etter hans egne vegar, Israels hus.

### **Dei skal kjenna at eg er Herren**

<sup>21</sup> Det var i det tolvte året etter at vi vart bortførte, på den femte dagen i den tiande månaden. Då kom det ein flyktning frå Jerusalem til meg og sa: «Byen er teken.»

<sup>22</sup> Herrens hand var over meg kvelden før flyktningen kom. Han opna munnen min før han kom til meg om morgonen. Munnen vart opna, eg var ikkje mållaus lenger.

<sup>23</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>24</sup> Menneske, dei som bur mellom desse ruinane i Israels-landet, dei seier: «Abraham var berre éin, og endå tok han landet i eige. Vi er mange, og vi har fått det til eigeendom.»

<sup>25</sup> Difor, sei til dei: Så seier Herren Gud: De et kjøt med blodet i, de lyfter auga til avgudane dykkar, de auser ut blod, og så skulle de få eiga landet?

<sup>26</sup> De set dykkar lit til sverdet, de gjer avskyelege ting, de krenkjer kvinnene til kvarandre, og så skulle de få eiga landet?

<sup>27</sup> Du skal seia til dei: Så seier Herren Gud: Så sant eg lever, dei som er mellom ruinane, skal falla for sverd. Den som er ute på marka, gjev eg til føde for villdyra, og dei som held til i grotter og hòler, skal døy i pest.

<sup>28</sup> Eg gjer landet audt og øyde, og det blir slutt på den stolte makta. Fjella i Israel skal liggja aude, ingen skal ferdast der.

<sup>29</sup> Dei skal kjenna at eg er Herren når eg gjer landet audt og øyde på grunn av alt det avskyelege dei har gjort.

<sup>30</sup> Du menneske! Dei av folket ditt som talar saman om deg ved murane og i dørøpningane, seier seg imellom, den eine til den andre: «Kom og høyr kva for eit ord som går ut frå Herren.»

<sup>31</sup> Så kjem folket til deg i flokk og følgje og set seg framfor deg. Dei høyrer orda dine, men dei lever ikkje etter dei. For dei lever etter løgna i sin eigen munn, og hjartet deira trår etter urett vinning.

<sup>32</sup> Sjø, du er for dei lik ein mann som syng kjærleiksviser med fager røyst til fin musikk. Dei høyrer orda dine, men lever ikkje etter dei.

<sup>33</sup> Men når det kjem – sjå, det kjem – då skal dei kjenna at ein profet har vore midt imellom dei.

## **Esekiel 34**

### **Dei dårlege gjetarane og den gode**

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg:



<sup>2</sup> Menneske, tal profetord mot Israels gjetarar! Tal profetord og sei til dei: Så seier Herren Gud: Ve Israels gjetarar, som berre gjeter seg sjølve! Er det ikkje sauene dei skal gjeta?

<sup>3</sup> De et feittet og kler dykk med ulla og slaktar dei beste dyra, men sauene gjeter de ikkje.

<sup>4</sup> Ikkje har de styrkt dei veike, ikkje lækt dei sjuke, ikkje bunde om dei skadde, ikkje ført tilbake dei bortdrivne, ikkje leita opp dei bortkomne, men med makt har de herska over dei, og med tvang.

<sup>5</sup> Sauene vart spreidde, dei hadde ingen gjetar. Dei vart til føde for alle slag villdyr, dei vart spreidde.

<sup>6</sup> Sauene mine villa seg bort på alle fjell og høge haugar. Dei vart spreidde ut over heile jorda, ingen spør etter dei og ingen leitar.

<sup>7</sup> Difor, gjetarar, høyr Herrens ord!

<sup>8</sup> Så sant eg lever, seier Herren Gud: Sanneleg, sauene mine har vorte til rov og til føde for alle slag villdyr, for dei har ingen gjetar. Gjetarane mine spurde ikkje etter sauene. Dei gjette seg sjølve, ikkje sauene mine.

<sup>9</sup> Difor, gjetarar, høyr Herrens ord!

<sup>10</sup> Så seier Herren Gud: Sjå, eg kjem mot gjetarane og krev dei til rekneskap for sauene mine. Eg avset dei som sauegjetarar. Og dei skal ikkje lenger få gjeta seg sjølve. Eg vil berga sauene mine ut or gapet deira. Dei skal ikkje ha dei til føde.

<sup>11</sup> Så seier Herren Gud: Sjå, eg vil sjølv leita etter sauene mine og ta meg av dei.

<sup>12</sup> Liksom ein gjetar tek seg av sauene sine og er med dei den dagen dei blir spreidde, så vil eg ta meg av sauene mine og berga dei heim frå alle stadene dei kom til då dei vart spreidde, på den mørke og skytunge dagen.

<sup>13</sup>Eg vil føra dei ut frå folka, samla dei frå landa og føra dei inn i deira eige land. Så skal eg gjeta dei på fjella i Israel, i dalane og kvar dei enn bur i landet.

<sup>14</sup> På gode beitemarker skal eg gjeta dei, dei skal ha engene sine på dei høge fjella i Israel. Der skal dei kvila i frodige enger. Dei skal gå på saftige beite på fjella i Israel.

<sup>15</sup>Eg vil gjeta sauene mine og la dei kvila, seier Herren Gud.

<sup>16</sup> Eg vil leita opp dei bortkomne, føra tilbake dei bortdrivne, binda om dei skadde, styrkja dei sjuke, vakta dei feite og sterke og gjeta dei på rett vis.

<sup>17</sup> De, min flokk! Så seier Herren Gud: Sjå, eg dømmar mellom ein sau og ein annan, mellom vêrar og bukkar:

<sup>18</sup>Er det ikkje nok at de får gå på det beste beitet, om de ikkje òg skal trakka ned resten av beitemarkene? Er det ikkje nok at de får drikka det klare vatnet, om de ikkje òg skal grumsa til resten med føtene?

<sup>19</sup>Skal flokken min eta det som de har trakka ned, og drikka det som de har grumsa til?

<sup>20</sup>Difor seier Herren Gud: Sjå, eg dømmar mellom dei feite og dei magre sauene.

<sup>21</sup>De trengjer alle dei veike unna med side og bog og stangar dei med horna til de får spreidd dei og drive dei ut.

<sup>22</sup>Difor vil eg berga flokken min, dei skal ikkje meir bli til rov. Slik skal eg dømma mellom ein sau og ein annan.

<sup>23</sup> Eg vil setja éin gjetar over dei, og han skal gjeta dei, min tenar David, han skal gjeta dei, han skal vera gjetaren deira.

<sup>24</sup>Eg, Herren, skal vera deira Gud, og min tenar David skal vera fyrste mellom dei. Eg, Herren, har tala.

<sup>25</sup> Eg gjer ei fredspakt med dei. Eg ryddar ut villdyra i landet, så folk kan bu trygt i ørkenen og sova i skogane.

<sup>26</sup> Eg velsignar dei og landet omkring mi høgd. Eg lèt regnet falla i rett tid, regn til velsigning skal det vera.

<sup>27</sup> Trea på marka skal bera frukt, jorda skal gje si grøde, og folk skal bu trygt i sitt land. Dei skal kjenna at eg er Herren når eg bryt sund stengene på åket deira og bergar dei frå slavedrivarane.

<sup>28</sup> Dei skal ikkje lenger vera eit bytte for folkeslaga, og villdyra skal ikkje eta dei. Trygt skal dei bu, og ingen skal skremma dei.

<sup>29</sup> Eg lèt planter veksa opp som det går gjetord om, ingen i landet skal meir rivast bort av svolt. Aldri meir må dei tola spott frå folkeslaga.

<sup>30</sup> Dei skal kjenna at eg, Herren deira Gud, er med dei, og at dei er mitt folk, Israels hus, seier Herren Gud.

<sup>31</sup> De er sauene mine, flokken som eg gjeter. De er menneske, eg er dykkar Gud, seier Herren Gud.

## **Esekiel 35**

### **Edom skal bli ei øydemark**

<sup>1</sup> Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup> Menneske, vend deg mot Se'ir-fjellet og tal profetord mot det!

<sup>3</sup> Du skal seia til det: Så seier Herren Gud: Sjå, eg kjem mot deg, Se'ir-fjell, eg lyfter handa mot deg og gjer deg audt og øyde.

<sup>4</sup> Byane dine legg eg i røys, og sjølv skal du bli til øydemark. Då skal du kjenna at eg er Herren.

<sup>5</sup> Fordi du bar på gammal fiendskap, overlét du israelittane til sverdet då ulukka ramma dei, då dei fekk si endelege straff.

<sup>6</sup> Difor, så sant eg lever, seier Herren Gud, eg lèt deg blø, og blod skal forfølgja deg. Fordi du ikkje hata blod, skal blod forfølgja deg.

<sup>7</sup> Eg gjer Se'ir-fjellet audt og øyde, eg ryddar ut dei som ferdast der.

<sup>8</sup>Eg fyller Edoms fjell med drepne. På alle haugar, i dalar og bekkefar fell dei som blir drepne med sverd.

<sup>9</sup>Eg gjer deg til evig øydemark, byane dine skal liggja folketomme. De skal kjenna at eg er Herren.

<sup>10</sup>Du sa: «Dei to folka og dei to landa skal bli mine, vi tek dei sjølv om Herren er der.»

<sup>11</sup>Difor, så sant eg lever, seier Herren Gud: Eg skal gjera med deg slik du sjølv gjorde i din vreide og di misunning fordi du hata dei. Eg skal gje meg til kjenne mellom dei når eg dømmer deg.

<sup>12</sup>Du skal vita at eg, Herren, har høyrte alle spottorda du tala mot fjella i Israel då du sa: «Øydemark! Vi har fått dei til føde.»

<sup>13</sup>De har vore store i munnen og nytta mange ord mot meg. Eg har høyrte det.

<sup>14</sup>Så seier Herren Gud: Til glede for heile jorda gjer eg deg til ei øydemark.

<sup>15</sup>Fordi du gledde deg då Israels eige dom vart lagd i øyde, gjer eg det same mot deg. Se'ir-fjellet og heile Edom skal bli ei øydemark. Dei skal kjenna at eg er Herren.

## Esekiel 36

### Profetord mot fjella i Israel

<sup>1</sup>Du menneske, tal profetord mot fjella i Israel og sei: Fjell i Israel, høyr Herrens ord!

<sup>2</sup>Så seier Herren Gud: Fienden har ropa til dykk: «Ha-ha! Dei gamle haugane har vorte vår eige dom.»

<sup>3</sup>Difor skal du tala profetord og seia: Så seier Herren Gud: Dei har herja og jaga dykk frå alle kantar så de har vorte ein eige dom for andre folkeslag. De er på leppene til alle, folk kviskrar om dykk.

<sup>4</sup>Difor, fjell i Israel, høyr ordet frå Herren Gud! Så seier Herren Gud til fjella og haugane, til bekkefara og dalane, til røysane på dei aude tuftene og til dei

folketomme byane, som har vorte plyndra og spotta av dei andre folkeslaga rundt omkring.

<sup>5</sup>Difor seier Herren Gud: Sanneleg, eg talar i min brennande sjalusi mot dei andre folkeslaga og mot heile Edom. Av hjartans lyst og med sjels forakt gjorde dei landet mitt til sin eigedom, til beiteland og bytte.

<sup>6</sup>Difor skal du tala profetord om Israels land og seia til fjella og haugane, til bekkefara og dalane: Så seier Herren Gud: Sjå, eg talar i sjalusi og harme fordi de må tola spott frå andre folk.

<sup>7</sup>Difor seier Herren Gud: Eg lyfter handa og sver at grannefolka dykkar sjølve skal bera sin spott.

<sup>8</sup>Men de, fjell i Israel, skal få greiner og bera frukt for Israel, folket mitt. For dei kjem snart!

<sup>9</sup>Sjå, eg vender meg til dykk. De skal bli dyrka og tilsådde.

<sup>10</sup>Eg lèt dykk få mange menneske, heile Israels hus. I byane skal det bu folk, og ruinrøysane skal byggjast opp att.

<sup>11</sup>Eg lèt dykk få mange menneske og dyr. Dei skal bli mange og vera fruktbare. Eg lèt det bu folk hos dykk som i gamle dagar, og eg gjer vel imot dykk, meir enn før. De skal kjenna at eg er Herren.

<sup>12</sup>Atter lèt eg menneske ferdast på dykk, mitt folk Israel skal ta deg i eige. Du skal vera deira eigedom. Og du skal aldri meir gjera dei barnlause.

<sup>13</sup>Så seier Herren Gud: Dei seier at du er ein menneskeetar som tek borna frå ditt eige folk.

<sup>14</sup>Men du skal ikkje eta menneske meir og ikkje gjera folket ditt barnlaust, seier Herren Gud.

<sup>15</sup>Eg lèt deg ikkje lenger høyra spottord frå folkeslaga, du skal ikkje lenger måtta tola at folk håner deg, og du skal ikkje lenger gjera folket ditt barnlaust, seier Herren Gud.

**Eit nytt hjarte og ei ny ånd**

<sup>16</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>17</sup> Menneske, då israelittane budde i landet sitt, gjorde dei det ureint med si ferd og sine gjerningar. I mine auge var det som ureinskap ved menstruasjon.

<sup>18</sup>Så auste eg ut harmen min over dei fordi dei auste ut blod i landet og gjorde det ureint med avgudane sine.

<sup>19</sup>Eg spreidde dei mellom folkeslaga, dei vart strødde ut i landa. Eg dømde dei etter deira ferd og gjerningar.

<sup>20</sup> Men kva folkeslag dei enn kom til, vanhelga dei mitt heilage namn. For det vart sagt om dei: «Dette er Herrens folk, men dei måtte fara ut av landet hans.»

<sup>21</sup>Eg vernar mitt heilage namn, som Israels hus har vanhelga mellom folkeslaga dei kom til.

<sup>22</sup>Difor skal du seia til Israels hus: Så seier Herren Gud: Eg grip ikkje inn for dykkar skuld, Israels hus, men for mitt heilage namn skuld, som de har vanhelga mellom dei folka de kom til.

<sup>23</sup> Eg vil helga mitt store namn, som har vorte vanhelga mellom folkeslaga, det som de vanhelga mellom dei. Folkeslaga skal kjenna at eg er Herren, seier Herren Gud, når eg gjennom dykk viser meg heilag for auga på dei.

<sup>24</sup> Eg hentar dykk frå folkeslaga, samlar dykk frå alle landa og fører dykk heim til dykkar eige land.

<sup>25</sup> Eg stenkar reint vatn på dykk, så de blir reine. Eg vil reinsa dykk for all ureinskapen og for alle avgudane.

<sup>26</sup> Eg gjev dykk eit nytt hjarte, og ei ny ånd gjev eg inni dykk. Eg tek steinhjartet ut or kroppen på dykk og gjev dykk eit kjøthjarte i staden.

<sup>27</sup>Og min Ande gjev eg inni dykk og gjer at de følgjer forskriftene mine, held lovene mine og lever etter dei.

<sup>28</sup> Då skal de få bu i det landet eg gav fedrane dykkar. De skal vera mitt folk, og eg skal vera dykkar Gud.

<sup>29</sup> Eg friar dykk ut frå all ureinskap. Så kallar eg fram kornet og gjer grøda stor; eg gjev dykk ikkje svolt.

<sup>30</sup> Eg lèt trea gje mykje frukt og marka stor avling, så de ikkje meir møter forakt mellom folkeslaga fordi de svelt.

<sup>31</sup> Då skal de tenkja på dykkar vonde vegar, på alt de gjorde som ikkje var godt. De skal forakta dykk sjølve for syndene og det avskyelege de gjorde.

<sup>32</sup> Det er ikkje for dykkar skuld eg grip inn, det skal de vita, seier Herren Gud. De skal kjenna spott og skam på grunn av dykkar ferd, Israels hus.

<sup>33</sup> Så seier Herren Gud: Den dagen eg reinsar dykk for alle syndene dykkar, lèt eg dykk bu i byane, og ruinrøysane skal byggjast opp att.

<sup>34</sup> Jorda som ligg aud, skal dyrkast og ikkje sjå ut som ei øydemark for alle som kjem forbi.

<sup>35</sup> Då skal dei seia: Denne jorda som låg aud, har vorte som Edens hage. Og byane som låg i ruinar, i øyde og i grus, ligg der no som faste borger.

<sup>36</sup> Dei folka som enno er att rundt omkring dykk, skal kjenna at eg, Herren, har bygd opp det som låg i grus, og planta der jorda låg aud. Eg, Herren, har tala og vil setja det i verk.

<sup>37</sup> Så seier Herren Gud: Også denne bøna frå Israels hus vil eg oppfylla for dei: Eg gjer dei talrike som ein saueflokk.

<sup>38</sup> Som flokken av heilage sauer, som sauene i Jerusalem på høgtidsdagane, slik skal ein flokk av menneske fylla dei byane som låg i røys. Og dei skal kjenna at eg er Herren.

## **Esekiel 37**

### **Døde knoklar blir levande**

<sup>1</sup> Herrens hand kom over meg. Ved Herrens ande førte han meg ut og sette meg ned i ein dal som var full av knoklar.

<sup>2</sup> Han førte meg omkring mellom dei. Sjå, det låg ei stor mengd med knoklar utover dalen, og dei var heilt tørre.



<sup>3</sup>Då sa han til meg: «Menneske, kan desse knoklane bli levande att?» Eg svara: «Min Herre og Gud, det veit berre du.»

<sup>4</sup>Han sa: «Tal profetord over desse knoklane og sei til dei: Tørre knoklar, høyrHerrens ord!

<sup>5</sup>Så seier Herren Gud til desse knoklane: Sjå! Eg lèt det koma ånd i dykk, så de blir levande.

<sup>6</sup>Eg fester sener på dykk, legg kjøt på, dreg hud over og gjev dykk andedrag så de blir levande. Då skal de kjenna at eg er Herren.»

<sup>7</sup>Eg tala profetord, som eg hadde fått bod om. Sjå, eg profeterte, og det tok til å buldra og skjelva. Knoklane la seg inn mot kvarandre, knokkel mot knokkel.

<sup>8</sup>Eg såg, og sjå! – det kom sener og kjøt på dei, og det drog seg hud over. Men ånd mangla dei.

<sup>9</sup>Då sa han til meg: «Tal profetord til ånda! Menneske, tal profetisk og sei til ånda: Så seier Herren Gud: Kom, ånd, frå dei fire vindretningane og blås på desse drepne så det kjem liv i dei.»

<sup>10</sup> Eg tala profetord, som han hadde bode meg. Då kom det ånd i dei, så dei vart levande. Dei reiste seg opp og stod på føtene. Det var ein umåteleg stor hær.

<sup>11</sup>Så sa han til meg: Menneske, desse knoklane er heile Israelfolket. Høyr kva dei seier: «Våre knoklar har tørka inn, vår von er knust. Det er ute med oss!»

<sup>12</sup> Tal difor profetord og sei til dei: Så seier Herren Gud: Sjå, mitt folk, eg opnar gravene dykkar og lèt dykk stiga opp or grav. Så fører eg dykk til Israels-landet.

<sup>13</sup>Mitt folk, de skal kjenna at eg er Herren når eg opnar gravene dykkar og lèt dykk stiga opp or grav!

<sup>14</sup>Eg gjev dykk mi ånd, så de blir levande, og lèt dykk finna kvile i dykkar eige land. Då skal de kjenna at eg, Herren, har tala og sett det i verk, seier Herren.



## Herren sameinar Israel og Juda

<sup>15</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>16</sup>Du menneske, ta deg ein trestokk og skriv på han: «For Juda og israelittane, venene hans.» Ta så ein annan stokk og skriv på han: «For Josef – Efraims stokk – og heile Israels hus, venene hans.»

<sup>17</sup>Set dei saman, stokk mot stokk, så dei blir til éin trestokk i handa di.

<sup>18</sup>Når så folket ditt spør: «Kan du ikkje fortelja oss kva du meiner med dette?»

<sup>19</sup> – då skal du svara: Så seier Herren Gud: Sjå, eg tek Josefs trestokk, som er i Efraims hand og hos Israels stammar, venene hans, og set han saman med Judas stokk. Så gjer eg dei til éin stokk, dei blir til éin i handa mi.

<sup>20</sup>Stokkane som du skriv på, skal du halda i handa framfor auga på dei.

<sup>21</sup>Du skal seia til dei: Så seier Herren Gud: Sjå, eg hentar israelittane frå dei folkeslaga som dei fór bort til. Eg samlar dei frå alle kantar og fører dei til deira eige land.

<sup>22</sup> Så gjer eg dei til eitt folk i landet, på Israels-fjella. Alle skal dei ha ein og same kongen. Dei skal ikkje lenger vera to folkeslag og ikkje meir vera delte i to kongerike.

<sup>23</sup>Då skal dei ikkje gjera seg ureine meir med avgudane sine og alt det motbydelege og alle brota sine. Eg vil berga dei frå alle stadene der dei levde i synd, og eg vil gjera dei reine. Dei skal vera mitt folk, og eg skal vera deira Gud.

<sup>24</sup> Min tenar David skal vera konge over dei, og alle skal dei ha éin gjetar. Dei skal følgja lovene mine og halda forskriftene mine, så dei lever etter dei.

<sup>25</sup> Så skal dei få bu i landet som eg gav min tenar Jakob, og som fedrane dykkar budde i. Dei skal bu i det for alltid, både dei og borna og barneborna deira. Og min tenar David skal vera deira fyrste for alltid.

<sup>26</sup> Eg gjer ei fredspakt med dei; det skal vera ei evig pakt. Eg lèt dei bli mange. Eg set min heilagdom hos dei for alltid.

<sup>27</sup> Min bustad skal vera hos dei. Eg skal vera deira Gud, og dei skal vera mitt folk.

<sup>28</sup>Folkeslaga skal kjenna at eg er Herren som helgar Israel, når min heilagdom er hos dei for alltid.

## Esekiel 38

### Gog går til åtak på Israel

<sup>1</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>2</sup> Menneske, vend deg mot Gog i Magog-landet, storfyrsten over Mesjek og Tubal. Tal profetord mot han.

<sup>3</sup>Du skal seia: Så seier Herren Gud: Sjå, eg kjem imot deg, Gog, storfyrste over Mesjek og Tubal.

<sup>4</sup>Eg fører deg omkring, eg set krokar i kjakane dine. Så fører eg deg ut med heile din hær, med hestar og ryttrarar, staseleg kledde alle i hop, ein veldig flokk med langskjold og rundskjold, alle væpna med sverd.

<sup>5</sup>Med dei er Persia, Kusj og Put. Alle saman har skjold og hjelm.

<sup>6</sup>Gomer med alle sine fylkingar, Togarmas hus lengst i nord med alle sine fylkingar, mange folk er med deg.

<sup>7</sup>Rust deg og gjer deg klar, du og heile flokken som er samla hos deg. Du skal vakta dei.

<sup>8</sup>Når lang tid har gått, skal du kallast ut. Når åra er omme, skal du koma til eit land som er berga frå sverdet, til eit folk som er samla frå mange folkeslag på fjella i Israel, som lenge låg aude. Dei vart henta heim frå folka, og no bur dei alle trygt.

<sup>9</sup>Du skal trekkja opp som eit stormvêr, du skal koma som ei sky og dekkja landet, du og alle fylkingane dine og mange folk med deg.

<sup>10</sup>Så seier Herren Gud: Den dagen kjem noko opp i hjartet ditt, og du tenkjer vonde tankar.

- 11**Du skal seia: «Mot eit land utan vern dreg eg opp, eg går mot fredelege folk som bur trygt. Alle bur dei utan murar. Bommar og portar finst ikkje.»
- 12** Du vil rana og røva, ta bytte og rov og venda handa mot ruinar som på nytt er busette, mot eit folk samla frå andre folkeslag, som er i ferd med å samla seg buskap og gods, der dei bur på verdsens navle.
- 13** Folk frå Saba og Dedan, kjøpmenn frå Tarsis og alle ungløvene der skal seia til deg: «Er det for å rana du kjem? Er det for å røva du har samla hæren din, for å føra bort sølv og gull, ta buskap og gods og rana til deg eit veldig bytte?»
- 14**Difor skal du tala profetord, menneske, og seia til Gog: Så seier HerrenGud: Sanneleg, den dagen, når mitt folk Israel bur trygt, då skal du få vita det.
- 15**Då skal du koma frå staden din lengst i nord, du og mange folk med deg, alle til hest, ein stor flokk og ein veldig hær.
- 16**Du skal dra opp mot Israel, folket mitt, som ei sky for å dekkja landet. I dei siste dagar skal det skje: Eg fører deg mot landet mitt. Folkeslaga skal læra meg å kjenna når eg gjennom deg, Gog, viser meg heilag framfor auga på dei.
- 17** Så seier Herren Gud: Var det ikkje deg eg tala om i gamle dagar gjennom tenarane mine, profetane i Israel? I år etter år profeterte dei på den tida at eg skulle føra deg mot dei.
- 18**Den dagen, dagen då Gog går mot Israels-landet, seier Herren Gud, då skal harmen stiga opp i meg.
- 19** I min sjalusi og brennande harme seier eg: Sanneleg, den dagen skal det koma eit kraftig jordskjelv over Israels-landet.
- 20**Då skal dei skjelva for meg, fiskane i havet, fuglane under himmelen og dyra på marka, alt krypet som det kryr av på jorda, og kvart menneske som bur på jorda. Fjella skal styrta saman, berghyllene skal falla ned og alle murane falla i grus.

<sup>21</sup> Då kallar eg sverd over han på alle mine fjell, seier Herren Gud. Den eine skal venda sverdet mot den andre.

<sup>22</sup> Eg straffar han med pest og blod. Høljande regn og haglsteinar, eld og svovel lèt eg regna over han og fylkingane hans og over alle folka som er med han.

<sup>23</sup>Slik viser eg meg stor og heilag og gjev meg til kjenne for auga på mange folkeslag. Dei skal kjenna at eg er Herren.

## Esekiel 39

### Herren straffar Gog

<sup>1</sup> Du menneske, tal profetord mot Gog og sei: Så seier Herren Gud: Sjå, eg kjem mot deg, Gog, du storfyrste over Mesjek og Tubal!

<sup>2</sup>Eg snur deg rundt og driv deg av stad. Eg hentar deg frå landet lengst i nord og fører deg opp på fjella i Israel.

<sup>3</sup>Der slår eg bogen ut av venstre handa di og lèt pilene detta ut av den høgre.

<sup>4</sup>På fjella i Israel skal du falla, du og alle fylkingane dine og folka som er med deg. Eg gjev deg til føde for alle slags rovfuglar og for villdyr.

<sup>5</sup>På open mark skal du falla. For eg har tala, seier Herren Gud.

<sup>6</sup>Eg sender eld mot Magog og mot dei som bur trygt på kystane. Dei skal få kjenna at eg er Herren.

<sup>7</sup>Eg vil gjera mitt heilage namn kjent i Israel, folket mitt, og aldri meir vil eg la mitt heilage namn bli vanæra. Då skal folkeslaga kjenna at eg, Herren, er heilag i Israel.

<sup>8</sup>Sjå, det kjem, det skal henda, seier Herren Gud. Dette er dagen eg har tala om.

<sup>9</sup>Då skal dei som bur i Israels byar, gå ut. Dei skal setja fyr på våpna og brenna opp både rundskjold og langskjold, bogar og piler, klubber og spyd. Dei skal fyra med dei i sju år.

<sup>10</sup>Dei treng ikkje henta ved frå marka og ikkje hogga i skogane, for dei nører elden med våpna. Dei skal røva frå dei som røva dei, og plyndra dei som plyndra dei, seier Herren Gud.

<sup>11</sup>Den dagen gjev eg Gog ein gravstad i Israel, i Abarim-dalen, «ferdadalen», austafør sjøen. Dalen skal stengja vegen for dei som ferdast der. Der skal dei gravleggja Gog og heile flokken hans, og dalen skal kallast Gog-flokkens dal.

<sup>12</sup>I sju månader skal israelittane halda på med å gravleggja dei, så landet kan bli reint.

<sup>13</sup>Alt folket i landet skal gravleggja dei og få ære av det den dagen eg viser min herlegdom, seier Herren Gud.

<sup>14</sup>For at landet skal bli reint, skal dei setja nokre menn til stadig å dra gjennom landet. Dei skal gravleggja dei som undervegs vart liggjande att på marka.

<sup>15</sup>Når dei fer gjennom landet og får auge på ein menneskeknokkel, skal dei setja opp eit merke der til gravarane kjem og gravlegg han i Gog-flokkens dal.

<sup>16</sup> Der er det òg ein by som heiter Hamona. Slik skal dei gjera landet reint.

<sup>17</sup> Du menneske, så seier Herren Gud: Sei til fuglane, alt som har venger, og til alle ville dyr: Kom saman, ja, kom saman frå alle kantar, til det offeret eg slaktar for dykk, eit stort slaktoffer på fjella i Israel. De skal få eta kjøt og drikka blod.

<sup>18</sup>Kjøt av heltar skal de eta og drikka blod av fyrstane på jorda, som var dei vêrar og lam, bukkar og oksar, gjøfe frå Basan, alle saman.

<sup>19</sup>De skal eta feitt til de blir mette og drikka blod til de blir drukne av offeret som eg slaktar for dykk.

<sup>20</sup>Ved mitt bord skal de bli mette av hestar og ryttrarar, av heltar og alle slags krigarar, seier HerrenGud.

**No vil eg venda Jakobs lagnad**

<sup>21</sup>Eg vil visa min herlegdom mellom folkeslaga. Alle folkeslag skal sjå min dom som eg set i verk, og mi hand som eg legg på dei.

<sup>22</sup>Då skal Israels hus forstå at eg, Herren, er deira Gud, frå den dagen og i all framtid.

<sup>23</sup>Og folkeslaga skal forstå at Israels hus vart bortført på grunn av syndene sine. Fordi dei var trulause mot meg, løynde eg andletet for dei og gav dei i fiendehand, så dei alle fall for sverd.

<sup>24</sup>Eg gjorde med dei etter deira ureinskap og brot; eg løynde andletet for dei.

<sup>25</sup>Difor seier Herren Gud: No vil eg venda Jakobs lagnad og visa miskunn mot heile Israels hus. Eg brenn av lidenskap for mitt heilage namn.

<sup>26</sup>Dei skal gløyma si vanære og all si truløyse mot meg når dei bur trygt i landet sitt og ingen skremmer dei.

<sup>27</sup>Når eg fører dei heim att frå folka og samlar dei frå fiendelanda, vil eg gjennom dei visa meg heilag for auga på mange folkeslag.

<sup>28</sup>Då skal dei kjenna at eg er Herren deira Gud. Eg førte dei i eksil til folkeslaga, men fører dei atter saman i deira eige land. Eg lèt ingen av dei vera att der.

<sup>29</sup>Så vil eg ikkje meir løyndet for dei, for eg auser ut min Ande over Israels hus, seier HerrenGud.

## **Esekiel 40**

### **Synet av det nye tempelet**

<sup>1</sup>I det tjuufemte året etter at vi hadde gått i eksil, ved nyttår, på den tiande dagen i månaden, i det fjortande året etter at byen var teken, på nettopp denne dagen kom Herrens hand over meg og førte meg dit.

<sup>2</sup>I syn frå Gud tok han meg med til Israel og sette meg ned på eit veldig høgt fjell. Der var det mot sør ein bygning som likna ein by.

<sup>3</sup>Dit førte han meg. Og sjå, ein mann, lik bronse å sjå til, stod i porten med linsnor og målestav i handa.

<sup>4</sup>Mannen sa til meg: Menneske, sjå med auga og høyr med øyra og legg deg på hjartet alt det eg viser deg; for du er ført hit for å sjå. Alt det du ser, skal du fortelja til Israels hus.

<sup>5</sup>Sjå! Utanfor tempelet gjekk det ein mur på alle kantar. I handa hadde mannen ein målestav, seks alner lang, kvar alen ei handsbreidd lengre enn den vanlege. Han målte murverket. Det var éin målestav tjukt og éin målestav høgt.

<sup>6</sup>Så kom han til den porten som vender mot aust. Han gjekk opp trappa og målte terskelen i porten: éin målestav brei. Den første terskelen var altså éin målestav brei.

<sup>7</sup>Kvart siderom var éin målestav langt og éin målestav breitt. Mellom romma var det fem alner. Terskelen til porthallen som vende mot tempelet, var éin målestav.

<sup>8</sup>Han målte porthallen som vende mot tempelet. Terskelen var altså éin målestav.

<sup>9</sup>Han målte porthallen til åtte alner og pilarane til to alner. Porthallen vende inn mot tempelet.

<sup>10</sup>Det var tre rom på kvar side av austporten, og alle hadde same mål. Også pilarane på begge sider hadde same mål.

<sup>11</sup>Han målte breidda på portopninga til ti alner og heile porten til tretten alner.

<sup>12</sup>Framfor romma på kvar side var det rekkverk, kvart på ei alen. Og sideromma var på seks gonger seks alner.

<sup>13</sup>Så målte han portrommet frå taket av det eine siderommet til taket av det andre. Avstanden var tjuefem alner. Døropningane vende mot kvarandre.

<sup>14</sup>Han rekna porthallen. Han var tjue alner. Omkring porthallen låg føregarden.

<sup>15</sup>Frå den ytre porten til inst i porthallen var det femti alner.

<sup>16</sup> Omkring i heile portrommet var det tronge vindauge mellom pilarane i sideromma. Inne i porthallen var det òg vindauge overalt. Pilarane hadde palmeornament.

<sup>17</sup> Så førte han meg til den ytre føregarden. Sjå, der var det laga rom og lagt steinheller i heile føregarden. På steingolvvet var det tretti rom.

<sup>18</sup> Steingolvvet ved portane nådde like langt ut til sidene som dei. Dette var det nedste steingolvvet.

<sup>19</sup> Han målte avstanden frå den ytre porten til den indre føregarden. Det var hundre alner i aust og nord.

<sup>20</sup> Og porten til den ytre føregarden, som vender mot nord, målte han i lengda og breidda.

<sup>21</sup> Sideromma, tre på kvar side, og pilarane og porthallen hadde dei same måla som i den første porten. Lengda var femti alner, og breidda var tjuefem alner.

<sup>22</sup> Vindauga, porthallen og palmane der var like store som i porten mot aust. Sju trappesteg førte dit opp. Porthallen låg innanfor.

<sup>23</sup> Inn til den indre føregarden var det ein port rett imot nordporten, slik det var i aust òg. Frå port til port målte han hundre alner.

<sup>24</sup> Så førte mannen meg mot sør. Og sjå, der var det ein port som vende sørover. Han målte pilarane og porthallen der. Dei hadde same mål som dei andre.

<sup>25</sup> Det var vindauge i porten og porthallen overalt, og dei var som dei andre vindauga. Porten var femti alner lang og tjuefem alner brei.

<sup>26</sup> Sju trappesteg førte dit opp. Porthallen låg innanfor. Pilarane hadde palmeornament, eitt på kvar side.

<sup>27</sup> Til den indre føregarden var det ein port mot sør. Han målte avstanden frå port til port mot sør til hundre alner.



<sup>28</sup>Så førte han meg til den indre føregarden gjennom porten i sør. Han målte sørporten, som hadde same mål som dei andre.

<sup>29</sup>Sideromma, pilarane og porthallen der hadde same mål som dei andre. Det var vindauge overalt i porten og porthallen. Porten var femti alner lang og tjuefem alner brei.

<sup>30</sup>Kvar porthall rundt om var tjuefem alner lang og fem alner brei.

<sup>31</sup>Porthallen vende ut mot den ytre føregarden. Pilarane hadde palmeornament. Åtte trappesteg gjekk dit opp.

<sup>32</sup>Han førte meg til den indre føregarden mot aust. Han målte porten, som hadde same mål som dei andre.

<sup>33</sup>Sideromma, pilarane og forhallen der hadde same mål som dei andre. Både porten og porthallen hadde vindauge overalt. Porthallen var femti alner lang og tjuefem alner brei.

<sup>34</sup>Porthallen vende ut mot den ytre føregarden. Pilarane hadde palmeornament på kvar side. Åtte trappesteg gjekk dit opp.

<sup>35</sup>Så førte han meg til porten i nord. Han målte porten, som hadde same mål som dei andre.

<sup>36</sup>Sideromma, pilarane og porthallen hadde dei same måla, og det var vindauge overalt. Lengda var femti alner og breidda tjuefem.

<sup>37</sup>Porthallen vende ut mot den ytre føregarden. Pilarane hadde palmeornament, eitt på kvar side. Åtte trappesteg gjekk dit opp.

<sup>38</sup> Det var eit rom der med inngang frå porthallen. Der skylde dei brennofferet.

<sup>39</sup>I porthallen stod det to bord på kvar side til å slakta brennofferet, syndofferet og skuldofferet på.

<sup>40</sup>På den eine sida, utanfor trappa til portopninga mot nord, stod det to bord. På den andre sida av porthallen stod det òg to bord.

<sup>41</sup>Det var fire bord på kvar side i porten, i alt åtte bord. Der slakta dei.

<sup>42</sup>Dei fire borda til brennofferet var av tilhoggen stein. Dei var halvanna alen lange, halvanna alen breie og ei alen høge. På dei la dei reiskapen dei slakta brennoffer og slaktoffer med.

<sup>43</sup>Hyller som målte ei handsbreidd, var feste rundt omkring i bygningen. På borda la dei offerkjøtet.

<sup>44</sup>I den indre føregarden, utanfor den indre porten, låg det to rom. Det eine låg ved nordporten, vendt mot sør. Det andre låg ved austporten, vendt mot nord.

<sup>45</sup>Mannen sa til meg: «Dette rommet som vender mot sør, er for dei prestane som har tempelvakt.

<sup>46</sup> Og rommet som vender mot nord, er for dei prestane som har altarteneste. Det er Sadok-sønene, dei av Levi-ætlingane som stig fram for Herren og tener han.»

<sup>47</sup> Han målte føregarden; han var firkanta, hundre alner lang og hundre alner brei. Framfor tempelet stod altaret.

<sup>48</sup> Så førte han meg til forhallen i tempelet og målte pilarane. Dei var fem alner på kvar side. Portopninga var tre alner på kvar side.

<sup>49</sup>Forhallen var tjue alner lang og tolv alner brei. Ti trappesteg førte dit opp. Det stod søyler ved pilarane, ei på kvar side.

## **Esekiel 41**

### **Tempelbygningen**

<sup>1</sup>Han førte meg inn i tempelhallen og målte pilarane der. Dei var seks alner breie på kvar side.

<sup>2</sup>Døropninga var ti alner brei, og veggene på kvar side var fem alner. Han målte hallen; han var førti alner lang og tjue alner brei.

<sup>3</sup>Så gjekk han inn i det indre rommet og målte pilarane attmed døropninga til to alner. Opninga var seks alner og sideveggene sju alner breie.

<sup>4</sup>Han målte lengda av rommet til tjue alner og breidda mot hallen til tjue alner. Og han sa til meg: «Dette er Det høgheilage.»

<sup>5</sup>Han målte tempelveggen; han var seks alner tjukk. Breidda på sidebygget som låg rundt heile tempelet, var fire alner.

<sup>6</sup>Sideromma låg i tre høgder, det eine over det andre, i alt tretti. Dei låg inn mot tempelveggen. I tempelveggen var det framspring som feste for sideromma omkring. Ikkje noko feste gjekk inn i sjølve tempelveggen.

<sup>7</sup>Ein brei gang gjekk rundt og opp til sideromma. For gangen steig omkring tempelbygningen. Difor vart bygningen brei i høgda. Slik kom ein nedanfrå og heilt opp gjennom den mellomste høgda.

<sup>8</sup>Eg såg at grunnen var bygd noko høgare rundt tempelet til fundament for sideromma. Han målte ei heil målestong, seks alner, ut til kanten.

<sup>9</sup>Ytterveggen i sideromma var fem alner tjukk. Mellom sideromma ved tempelet

<sup>10</sup>og dei andre romma var det ein open plass, tjue alner brei. Han gjekk rundt heile tempelet.

<sup>11</sup>Sideromma hadde dører ut mot den opne plassen, ei dør mot nord og ei mot sør. Muren omkring plassen var fem alner tjukk.

<sup>12</sup>Bygningen som vende mot den inngjerda plassen på vestsida, var sytti alner brei. Veggen i bygningen var fem alner tjukk heilt rundt og nitti alner lang.

<sup>13</sup>Han målte tempelet. Det var hundre alner langt. Den inngjerda plassen med bygning og vegger var òg hundre alner lang.

<sup>14</sup>Framsida på tempelet og den inngjerda plassen mot aust var i alt hundre alner brei.

<sup>15</sup>Så målte han lengda av bygningen ut mot den inngjerda plassen på baksida. Med avsatsane på begge sider var det i alt hundre alner. Den indre tempelhallen og forhallen ut mot føregarden

<sup>16</sup>hadde tak. Langs dei bordkledde gangane over fundamentet var det tronge vindauge i dei tre høgdene. Veggene var bordkledde frå bakken opp til vindauga

<sup>17</sup>og over dørøpninga. Både i og utanfor tempelet, overalt på veggene inne og ute, var det felt med

<sup>18</sup>bilete av kjerubar og palmar, éin palme mellom to kjerubar. Kvar kjerub hadde to andlet.

<sup>19</sup>Eit menneskeandlet var vendt mot palmen frå den eine sida og eit løveandlet frå den andre. Slike bilete var det overalt i tempelet.

<sup>20</sup>Frå bakken til opp over døra var det bilete av kjerubar og palmar på veggene i tempelhallen.

<sup>21</sup>Tempelhallen hadde firkanta dørstolpar. Framfor det heilage rommet var det noko som kunne sjå ut som

<sup>22</sup> eit altar av tre, tre alner høgt og to alner langt. Det hadde hjørne, sokkel og vegger av tre. Han sa til meg: «Dette er det bordet som står framfor Herrens andlet.»

<sup>23</sup>Tempelhallen hadde to dører, og det heilage rommet

<sup>24</sup> hadde to dører. Dei hadde to svingbare blad, to blad på kvar dør.

<sup>25</sup>På dørblada til tempelhallen var det bilete av kjerubar og palmar, slik som på veggene. På utsida av forhallen var det ein himling av tre.

<sup>26</sup>Det var tronge vindauge og palmeornament på begge sider i forhallen, i sideromma rundt tempelet og på himlingane.

## **Esekiel 42**

### **Presteromma og tempelplassen**

<sup>1</sup>Så førte han meg nordover til den ytre føregarden, til romma ut mot den inngjerda plassen på nordsida av bygningen,

<sup>2</sup>til framsida. Lengda på romma på nordsida var i alt hundre alner og breidda femti.

<sup>3</sup>Ut mot den tjue alner breie delen av den indre føregarden og steingolvet i den ytre føregarden var det tre avsatsar.

<sup>4</sup>Framfor romma gjekk det ein gangveg innover, ti alner brei og hundre alner lang. Romma hadde inngang mot nord.

<sup>5</sup>Dei øvste romma var smale, for avsatsane tok meir plass frå dei enn frå romma i midten og nedst i bygningen.

<sup>6</sup>For det var tre høgder, men dei hadde ikkje søyler som i føregardane. Difor var dei øvste romma mindre enn dei mellomste og dei nedste.

<sup>7</sup>I forlenginga av romma som vende ut mot den ytre føregarden, gjekk det ein mur, femti alner lang,

<sup>8</sup>slik at lengda på dei romma som låg mot den ytre føregarden, var femti alner, medan dei som vende mot tempelet, var hundre alner.

<sup>9</sup>Under romma var det ein inngang frå aust for å koma inn frå den ytre føregarden,

<sup>10</sup>der muren mot føregarden tok til. Også i sør, mot den inngjerda plassen og mot bygningen, låg det rom,

<sup>11</sup>og framfor dei ein veg. I lengd og breidd likna dei romma i nord. Dei hadde utgangar og inngangar som dei, var bygde på same måten

<sup>12</sup>og hadde same slags dører. Døra til romma mot sør låg ved byrjinga av vegen langs muren, der ein kom inn frå aust.

<sup>13</sup>Han sa til meg: «Romma i nord og i sør som ligg mot den avstengde plassen, det er dei heilage romma der prestane som stig fram for Herren, et dei høgheilage offergåvene. Der skal dei òg leggja dei høgheilage gåvene og grødeofferet, syndofferet og skuldofferet, for det er ein heilag stad.

<sup>14</sup>Når prestane er komne dit, skal dei ikkje forlata den heilage staden og gå ut i den ytre føregarden før dei har lagt frå seg kleda dei har gjort teneste i,

for dei er heilage. Dei skal ta på seg andre klede, og så kan dei gå dit folket er.»

<sup>15</sup>Då han var ferdig med å måla det indre tempelområdet, førte han meg ut gjennom den porten som vender mot aust, og målte det heile på alle kantar.

<sup>16</sup>Han målte austsida med målestaven sin. Ho var fem hundre alner etter hans mål. Så snudde han seg

<sup>17</sup>og målte nordsida. Ho var fem hundre alner etter hans mål. Så snudde han seg

<sup>18</sup>og målte sørsida. Ho var fem hundre alner etter hans mål.

<sup>19</sup>Så snudde han seg mot vestsida og målte den. Ho var fem hundre alner etter hans mål.

<sup>20</sup> Alle fire sidene målte han. Rundt tempelområdet var det ein mur, fem hundre alner lang og fem hundre alner brei. Muren skulle skilja mellom heilagt og ikkje heilagt.

## **Esekiel 43**

### **Herrens herlegdom kjem til tempelet**

<sup>1</sup>Så førte han meg til den porten som vender mot aust.

<sup>2</sup>Og sjå, herlegdomen til Israels Gud kom frå aust med eit drønn som av store vassmengder, og jorda stråla av hans herlegdom.

<sup>3</sup>Det synet eg fekk sjå, likna det synet eg hadde då han kom for å øydeleggja byen, og det eg hadde ved Kebar-elva. Eg kasta meg ned med andletet mot jorda.

<sup>4</sup>Og Herrens herlegdom kom til tempelet gjennom den porten som vender mot aust.

<sup>5</sup> Då lyfte ånda meg opp og førte meg til den indre føregarden. Og sjå, Herrens herlegdom fylte tempelet!

<sup>6</sup>Då hørde eg ein som tala til meg inne frå huset, og ein mann stod ved sida av meg.

<sup>7</sup>Han sa til meg: Menneske, dette er staden for mi trone og staden for mine fotsolar. Her vil eg bu mellom israelittane til evig tid. Israels hus skal ikkje lenger gjera mitt heilage namn ureint, verken dei eller kongane deira, som dei gjorde det med sitt horeri og med lika av kongane sine når dei døydde.

<sup>8</sup>Dei sette sin dørstokk attmed min dørstokk og sin dørstolpe inntil min dørstolpe, så det berre var ein vegg mellom meg og dei. Dei gjorde mitt heilage namn ureint med alt det avskyelege dei dreiv med. Difor fortærte eg dei i min vreide.

<sup>9</sup>Men no skal dei ta bort frå meg både horeriet og lika av kongane sine, og då vil eg bu imellom dei til evig tid.

<sup>10</sup>Du menneske, fortel Israels hus om tempelet, så dei må skjemmast av si synd. Dei skal måla opp grunnflata.

<sup>11</sup>Og dersom dei skjemmest av alt det dei har gjort, skal du la dei få kjennskap til form og grunnplan for tempelet, utgangar og inngangar og alle forskriftene og lovene for det. Skriv alt opp for auga deira så dei kan gje akt på heile lova og alle forskriftene og følgja dei.

<sup>12</sup>Dette er lova om tempelet: Heile området på toppen av fjellet skal vera høgheilagt. Sjå, det er lova om tempelet.

<sup>13</sup> Dette er måla på altaret, målte med den alna som er ei handsbreidd lengre enn den vanlege. Ei renne var ei alen djup og ei alen brei, og kanten rundt var eitt fingerspenn. Dette er sokkelen under altaret:

<sup>14</sup>Frå renna på bakken og opp til den nedste avsatsen var det to alner, og breidda var éi alen. Frå den vesle avsatsen opp til den store var det fire alner, og breidda var éi alen.

<sup>15</sup>Offereldstaden var fire alner høg, og derifrå stakk dei fire altarhorna opp.

<sup>16</sup>Eldstaden var tolv alner lang og tolv alner brei, firkanta.

<sup>17</sup>Avsatsen var fjorten alner lang og fjorten alner brei, firkanta. Kanten rundt var ei halv alen, og renna omkring var éi alen. Altartrappa vende mot aust.

<sup>18</sup>Han sa til meg: Menneske, så seier Herren Gud: Dette er forskriftene for altaret som gjeld frå den dagen det blir laga, så ein kan ofra brennoffer og skvetta blod på det.

<sup>19</sup> Til dei levittprestane som er av Sadoks ætt, dei som stig fram og gjer teneste for meg, seier Herren Gud, skal du gje ein ungoke som syndoffer.

<sup>20</sup> Du skal ta noko av blodet og stryka det på dei fire altarahorna, på dei fire hjørna til avsatsen og på kanten omkring. Slik skal du ta bort synd frå altaret og gjera soning for det.

<sup>21</sup>Så skal du ta syndofferoksen og brenna han på den fastsette staden ved tempelet, utanfor sjølv heilagdomen.

<sup>22</sup>Dagen etter skal du føra fram ein geitebukk utan feil som syndoffer. Med den skal dei ta bort synd frå altaret slik dei gjorde det med oxen.

<sup>23</sup>Når du er ferdig med å ta bort synd, skal du føra fram ein ungoke av storfeet og ein vêr av småfeet, begge utan feil.

<sup>24</sup>Du skal føra dei fram for Herren. Prestane skal strø salt på dei og ofra dei som brennoffer til Herren.

<sup>25</sup> I sju dagar skal du dagleg laga til ein geitebukk som syndoffer. Også ein ungoke av storfeet og ein vêr av småfeet, utan feil, skal de ofra.

<sup>26</sup> I sju dagar skal dei gjera soning for altaret og reinsa det. Dei skal vigsla det.

<sup>27</sup>Når desse dagane er til ende, skal prestane den åttande dagen og alltid sidan laga til brennoffer og fredsoffer dykkar på altaret. Då skal eg visa dykk godvilje, seier Herren Gud.

## **Esekiel 44**

### **Levittar og prestar**



<sup>1</sup>Han førte meg tilbake gjennom den ytre porten i heilagdomen, den som vender mot aust. Han var stengd.

<sup>2</sup>Herren sa til meg: Denne porten skal vera stengd. Han skal ikkje opnast, og ingen må koma inn gjennom han. Herren, Israels Gud, har gått inn gjennom porten, difor skal han vera stengd.

<sup>3</sup>Men fyrsten kan – fordi han er fyrste – sitja der og halda måltid for Herrens andlet. Han skal gå inn gjennom forhallen i porten, og same vegen skal han gå ut att.

<sup>4</sup>Så førte han meg gjennom nordporten til plassen framfor tempelet. Eg såg, og sjå! – Herrens herlegdom fylte Herrens hus. Då kasta eg meg ned med andletet mot jorda.

<sup>5</sup>Herren sa til meg: Menneske, sjå med auga, høyr med øyra og legg hjartet ditt i alt det eg seier deg om alle forskriftene og lovene for Herrens hus. Legg merke til inngangen til huset og alle utgangane frå heilagdomen!

<sup>6</sup>Du skal seia til det trassige Israels hus: Så seier Herren Gud: Nok no med dei avskyelege gjerningane dykkar, Israels hus!

<sup>7</sup>De lét framande, uomskorne på både hjarte og lem, koma inn og vera i min heilagdom. Slik vanhelga de huset mitt då de bar fram for meg mat, feitt og blod. De braut pakta mi med alt det avskyelege de gjorde.

<sup>8</sup>De tok dykk ikkje av tenesta med dei heilage tinga mine, men sette andre til å gjera teneste i heilagdomen i dykkar stad.

<sup>9</sup>Så seier Herren Gud: Ingen framand, uomskoren på hjarte og lem, får koma inn i min heilagdom, ingen av dei framande som bur mellom israelittane.

<sup>10</sup>Men dei levittane som forlét meg då Israel villa seg bort frå meg og følgde avgudane sine, dei må bera si skuld.

<sup>11</sup>Dei skal vera tenarar i heilagdomen min, vakta portane til huset og gjera teneste i huset. Dei skal slakta brennoffer og slaktoffer for folket og stå til teneste for dei.

<sup>12</sup>Fordi dei gjorde teneste for dei framfor avgudane deira og fekk Israel til å falla i synd, difor lyfter eg handa mot dei, seier Herren Gud. Dei må bera si skuld.

<sup>13</sup>Dei får ikkje koma meg nær og gjera presteteneste og ikkje koma nær dei heilage tinga mine, det høgheilage. Dei skal bera vanæra for alt det avskyelege dei har gjort.

<sup>14</sup>Eg set dei til å gjera teneste i tempelet, til alle slags arbeid som må gjerast der.

<sup>15</sup> Men levittprestane av Sadok-ætta, som tok seg av tenesta i heilagdomen då israelittane villa seg bort frå meg, dei skal stiga fram for meg og tena meg. Dei skal stå for mitt andlet og bera fram feitt og blod for meg, seier Herren Gud.

<sup>16</sup>Dei skal gå inn i min heilagdom, og dei skal stiga fram til mitt bord og tena meg. Slik skal dei gjera teneste for meg.

<sup>17</sup>Når dei går inn gjennom portane til den indre føregarden, skal dei ta på seg linklede. Dei må ikkje ha på seg noko av ull når dei gjer teneste i portane til den indre føregarden eller inne i tempelet.

<sup>18</sup> Turbanar av lin skal dei ha på hovudet og linbukser om hoftene. Dei må ikkje binda om seg noko som gjer at dei sveittar.

<sup>19</sup> Når dei så går ut i den ytre føregarden, føregarden der folket er, skal dei ta av seg dei kleda dei gjorde teneste i, og leggja dei i dei heilage romma. Dei skal ta på seg andre klede så dei ikkje gjer folket heilagt med kleda sine.

<sup>20</sup> Prestane skal ikkje barbera hovudet, heller ikkje la håret veksa fritt, men dei skal klippa det.

<sup>21</sup> Ingen av prestane må drikka vin når dei kjem inn i den indre føregarden.

<sup>22</sup> Dei må ikkje gifta seg med ei enkje eller ei skild kvinne, men berre med møyar av Israels hus. Men dei kan ta enkja etter ein prest.

<sup>23</sup> Dei skal læra folket mitt skilnaden mellom heilagt og ikkje heilagt og forklara dei skilnaden mellom ureint og reint.

<sup>24</sup>I rettssaker skal dei stå fram som dommarar; dei skal dømma folket etter mine bod. På alle mine høgtider skal dei følgja mine lover og forskrifter, og dei skal halda mine sabbatsdagar heilage.

<sup>25</sup>Ein prest må ikkje gå inn til døde så han blir urein. Berre når det gjeld far eller mor, son eller dotter, bror eller ugift syster, kan dei gjera seg ureine.

<sup>26</sup>Etter at presten har vorte rein att, skal dei telja sju dagar.

<sup>27</sup>Og den dagen han atter går inn i heilagdomen, i den indre føregarden, for å gjera teneste i heilagdomen, då skal han bera fram syndoffer for seg, seier Herren Gud.

<sup>28</sup> Dette er den arven dei skal ha: Eg er deira arv. De skal ikkje gje dei jordeigedom i Israel. Eg er deira eigedom.

<sup>29</sup> Av grødeofferet, syndofferet og skuldofferet skal dei eta, og alt som er lagt under bann i Israel, skal høyra dei til.

<sup>30</sup> Det beste av all førstegrøde og alle offergåver de gjev, skal prestane ha. Det første av brøddeigen skal de gje presten. Då skal det kvila velsigning over huset ditt.

<sup>31</sup> Men kjøt frå sjølvdaude eller ihelrivne fuglar eller dyr må ikkje prestane eta.

## **Esekiel 45**

### **Skifte av landet kring Jerusalem**

<sup>1</sup>Når de kastar lodd og skifter ut landet, skal de setja av eit tjuetusen tusen alner langt og tjue tusen alner breitt stykke som heilag gåve til Herren. Det skal vera heilagt så langt det strekkjer seg.

<sup>2</sup>Av dette skal eit firkanta stykke på fem hundre gonger fem hundre alner høyra heilagdomen til. Og femti alner omkring det skal vera beitemark.

<sup>3</sup>Av heile området skal du måla opp eit stykke som er tjuufem tusen alner langt og ti tusen alner breitt. Der skal heilagdomen stå, det høgheilage.

<sup>4</sup>Dette stykket er ein heilag del av landet. Det skal høyra til prestane som gjer teneste i heilagdomen, dei som stig fram og tener Herren. Det skal gje plass for husa deira og beitemark som høyrer heilagdomen til.

<sup>5</sup>Eit jordstykke, tjuufem tusen alner langt og ti tusen alner breitt, skal høyra til levittane, som er tempeltenarar. Der skal dei ha byar å bu i.

<sup>6</sup>Til eigedom for byen skal de gje eit stykke som er fem tusen alner breitt og tjuufem tusen alner langt, langsmed det som er sett av til heilagdomen. Det skal høyra til heile Israels hus.

<sup>7</sup>Fyrsten skal ha land på begge sider av det stykket som høyrer heilagdomen til, og av det som byen eig, langsmed begge desse områda, både vestover på vestsida og austover på austsida. Det skal vera så langt som ein av dei delane stammane får, frå grensa i vest til grensa i aust.

<sup>8</sup>Dette landet skal vera hans eigedom i Israel. Då skal fyrstane mine aldri meir undertrykkja folket mitt, men overlata jorda til Israels hus, stamme for stamme.

#### **Retts mål og rett offer**

<sup>9</sup>Så seier Herren Gud: Nok no, de fyrstar i Israel! Hald opp med vald og herjing og gjer rett og rettferd! Hald opp med å driva folket mitt frå gard og grunn, seier Herren Gud.

<sup>10</sup>Bruk rette vektskåler og rett efa og bat!

<sup>11</sup>Ein efa og ein bat skal ha same mål, så både ein bat og ein efa er tiandedelen av ein homer. Målet skal retta seg etter homeren.

<sup>12</sup>Ein sjekel skal vera tjue gera. Fem sjekel skal vera fem sjekel, og ti sjekel skal vera ti, og femti sjekel skal de rekna for ei mine.

<sup>13</sup>Dette er offergåva de skal gje: ein sjettedels efa av kvar homer kveite og ein sjettedels efa av kvar homer bygg.

**14** Forskrifta for olje som blir målt i bat, er ein tiandedels bat av kvar kor. Det er altså ti bat i ein kor.

**15** Av småfeet skal de gje eitt lam for kvar to hundre frå dei saftige beita i Israel. Dei skal vera til grødeoffer, brennoffer og fredsoffer, til soning for folket, seier Herren Gud.

**16** Heile folket i landet må vera med på å gje fyrsten i Israel denne gåva.

**17** Fyrsten har ansvar for brennoffer, grødeoffer og drikkoffer på festane, nymånedagane og sabbatane, på alle høgtidsdagane i Israels hus. Han skal syta for syndoffer, grødeoffer, brennoffer og fredsoffer til soning for Israels hus.

### **Påske**

**18** Så seier Herren Gud: Den første dagen i den første månaden skal du ta ein ungoxe utan feil. Slik skal du ta bort synd frå heilagdomen.

**19** Presten skal ta noko av blodet frå syndofferdyret og stryka det på dørstolpane i tempelet, på dei fire hjørna av altaravsatsen og på dørstolpane i porten til den indre føregarden.

**20** Det same skal du gjera den sjuande dagen i månaden for dei som har synda av vanvare eller fordi dei ikkje visste betre. Slik skal de gjera soning for huset.

**21** Den fjortande dagen i den første månaden skal de halda påske. Under sjudagarsfesten skal det etast usyra brød.

**22** På den dagen skal fyrsten laga til ein okse som syndoffer for seg sjølv og for alt folket i landet.

**23** Dei sju dagane festen varer, skal han laga til brennoffer for Herren, kvar dag sju oksar og sju vêrar utan feil, og som syndoffer ein geitebukk kvar dag.

**24** Som grødeoffer skal han bera fram ein efa mjøl til kvar okse, ein efa til kvar vêr og ein hin olje til kvar efa.



<sup>25</sup>Også under festen på den femtande dagen i den sjuande månaden skal han bera fram syndoffer og brennoffer, grødeoffer og olje, slik som på dei andre sju dagane.

## Esekiel 46

### Fyrsten i tempelet

<sup>1</sup>Så seier Herren Gud: Porten til den indre føregarden, den som vender mot aust, skal vera stengd dei seks arbeidsdagane. Men på sabbatsdagane og nymånedagen skal han opnast.

<sup>2</sup>Når fyrsten kjem utanfrå gjennom forhallen i porten, skal han stilla seg attmed ein av portstolpane. Medan prestane ber fram brennoffer og fredsoffer for han, skal han bøya seg og tilbe på dørstokken i porten og så gå ut att. Porten skal ikkje latast att før om kvelden.

<sup>3</sup>Folket i landet skal tilbe Herren ved inngangen til denne porten på sabbatane og nymånedagane.

<sup>4</sup>Brennofferet som fyrsten ber fram for Herren på sabbatsdagen, skal vera seks lam utan feil og ein vêr utan feil.

<sup>5</sup>Grødeofferet skal vera ein efa mjøl til vêren, til lamma det han har for handa, og ein hin olje til kvar efa.

<sup>6</sup>På nymånedagen skal han ofra ein ungoxe utan feil, seks lam og ein vêr utan feil.

<sup>7</sup>Som grødeoffer skal han gje ein efa mjøl til ungoxen, til vêren ein efa og til lamma så mykje han har råd til, og ein hin olje til kvar efa.

<sup>8</sup>Når fyrsten kjem, skal han gå inn gjennom forhallen i porten, og same vegen skal han gå ut att.

<sup>9</sup>Når folket i landet stig fram for Herren på høgtidene, skal dei som kjem inn gjennom nordporten for å tilbe, gå ut gjennom porten i sør, og dei som kjem inn gjennom sørporten, skal gå ut gjennom porten i nord. Dei skal ikkje gå ut att gjennom porten der dei kom inn, men gå ut på den andre sida.

- <sup>10</sup>Fyrsten skal gå inn saman med dei andre, og dei skal gå ut samtidig.
- <sup>11</sup>På festane og høgtidene skal grødeofferet vera ein efa til ungoxen, ein efa til vêren, til lamma det som er for handa, og ein hin olje til kvar efa.
- <sup>12</sup>Når fyrsten ber fram eit frivillig offer, anten det er eit brennoffer eller eit fredsoffer, eit frivillig offer for Herren, skal den austvende porten opnast for han. Han skal bera fram brennofferet eller fredsofferet sitt slik han gjer på sabbatsdagen. Så skal han gå ut, og porten skal latast att etter han.
- <sup>13</sup> Kvar dag skal du ofra eit årsgammalt lam utan feil som brennoffer til Herren. Kvar morgon skal du ofra det.
- <sup>14</sup>I tillegg til det skal du kvar morgon bera fram ein sjettedels efa mjøl som grødeoffer og ein tredjedels hin olje til å blanda finmjølet med. Grødeofferet til Herren er ei fast og evig ordning.
- <sup>15</sup>Lammet, grødeofferet og oljen skal kvar morgon berast fram som eit dagleg brennoffer.
- <sup>16</sup>Så seier Herren Gud: Når fyrsten gjev nokon av sønene sine ei gåve av egedomen sin, skal ho høyra sønene hans til; dei får henne til odal og eige.
- <sup>17</sup> Men gjev han ein av tenarane sine ei gåve av egedomen sin, skal ho vera hans til frigjevingsåret. Då skal ho gå tilbake til fyrsten. Hans jordeigedom skal vera berre for sønene.
- <sup>18</sup> Fyrsten må ikkje ta jord frå folket så han driv nokon bort frå egedomen deira. Berre av eigen egedom kan han gje sønene arv, så folket mitt ikkje skal jagast bort frå egedomen sin.

#### **Der slaktoffera blir kokte**

- <sup>19</sup>Han førte meg gjennom inngangen attmed porten til dei romma i heilagdomen som er for prestane, dei som vender mot nord. Og sjå, der var det ein stad lengst mot vest.
- <sup>20</sup> Han sa til meg: «Dette er den staden der prestane skal koka skuldofferet og syndofferet og baka grødeofferet. Dei må ikkje bera det ut i den ytre føregarden så dei gjer folket heilagte.»

<sup>21</sup>Så førte han meg ut til den ytre føregarden og rundt til dei fire hjørna. Og sjå, i kvart hjørne var det eit gardsrom.

<sup>22</sup>I dei fire hjørna låg det slike små gardsrom, førti alner lange og tretti alner breie. Alle fire hadde same mål.

<sup>23</sup>Det gjekk ein steinmur rundt kvar av dei fire, og det var bygd kokeplassar langs foten av muren.

<sup>24</sup>Han sa til meg: «Dette er kjøkken der tempeltenarane koker slaktoffer for folket.»

## Esekiel 47

### Livsens elv

<sup>1</sup>Han førte meg tilbake til tempelinngangen. Og sjå, vatn strøymde ut under dørstokken på austsida av tempelet, for framsida på tempelfasaden vender mot aust. Vatnet rann ned på høgre sida av tempelet, sør for altaret.

<sup>2</sup>Så førte han meg ut gjennom nordporten, og der ute følgde han meg omkring til den ytre porten, som vender mot aust. Og sjå, vatnet sildra fram på høgre sida.

<sup>3</sup>Mannen gjekk austover med ei målesnor i handa. Han målte opp tusen alner. Så lét han meg gå gjennom vatnet. Det nådde meg til anklane.

<sup>4</sup>Han målte tusen til og lét meg gå gjennom vatnet. Det nådde meg til knes. Så målte han opp tusen til og lét meg gå gjennom vatnet. Det nådde meg til hoftene.

<sup>5</sup>Atter målte han opp tusen alner. No var det ei elv som eg ikkje kunne vada over. For vatnet hadde stige til ei elv der ein måtte symja; ho lét seg ikkje vada.

<sup>6</sup>Han sa til meg: «Ser du, menneske?» Så førte han meg tilbake til elvebredda.

<sup>7</sup>Og sjå, då eg kom tilbake, var det ei mengd med tre langs elva på begge sider.



<sup>8</sup> Han sa til meg: «Dette vatnet renn til områda i aust og ned på Araba-sletta. Når det renn ut i sjøen, blir vatnet der friskt.

<sup>9</sup> Alle levande skapningar som det kryr av alle stader der denne elva renn, skal få leva. Der skal det bli ei mengd med fisk. For der dette vatnet kjem, blir alt friskt og levande, alt som er der elva renn.

<sup>10</sup> Det skal stå fiskarar frå En-Gedi til En-Eglajim. Der skal det vera tørkeplass for garn. Det skal finnast fisk av same slag som i Storhavet, i store mengder.

<sup>11</sup> Men myrane og sumpene skal ikkje bli friske. Av dei skal det vinnast ut salt.

<sup>12</sup> På kvar side av elva skal det veksa alle slags tre til å eta av. Lauvet på dei skal ikkje visna, og frukta skal ikkje ta slutt. Kvar månad skal dei bera ny frukt, for vatnet dei får, kjem frå heilagdomen. Frukta skal vera til føde, og blada skal gje helse.»

### Landegrensene

<sup>13</sup> Så seier Herren Gud: Dette er dei grensene de skal ha når de deler landet mellom dei tolv Israel-stammene. Josef skal ha to delar.

<sup>14</sup> De skal ta det i eige, den eine like mykje som den andre. Med lyft hand lova eg å gje det til fedrane dykkar, og no skal landet falla på dykk til odel og eige.

<sup>15</sup> Dette er landegrensene. I nord: frå Storhavet over Hetlon, Lebo-Hamat og Sedad,

<sup>16</sup> Berota og Sibrajim – mellom Damaskus-området og Hamat-området – til Hasar-Enon ved Havran-området.

<sup>17</sup> Grensa går frå havet til Hasar-Enon. I nord ligg områda til Damaskus og Hamat. Dette er nordgrensa.

<sup>18</sup> I aust: mellom Havran og Damaskus, mellom Gilead og Israels-landet, er Jordan grensa heilt til sjøen i aust, til Tamar. Dette er austgrensa.

<sup>19</sup> I Negev, mot sør: frå Tamar til vatnet ved Meribat-Kadesj og vidare langs elveleiet til Storhavet. Dette er grensa i Negev, mot sør.

<sup>20</sup>I vest: Storhavet dannar grense til ein kjem på høgd med Lebo-Hamat. Dette er vestgrensa.

<sup>21</sup>De skal dela dette landet mellom dykk, mellom stammene i Israel.

<sup>22</sup> De skal dela det ut til eigedom mellom dykk sjølve og innflyttarane som held til blant dykk og har fått born blant dykk. Dei skal vera for dykk som innfødde isrealittar. Saman med dykk skal dei få utskift eigedom mellom stammene i Israel.

<sup>23</sup>I den stammen der innflyttaren bur, skal de gje han eigedom, seier Herren Gud.

### **Esekiel 48**

<sup>1</sup> Dette er namna på stammene: Lengst i nord, i retning Hetlon, Lebo-Hamat og Hasar-Enon – med Damaskus-området i nord, mot Hamat – frå aust til vest: Dan skal ha éin del.

<sup>2</sup>Langs området til Dan, frå aust til vest: Asjer, éin del.

<sup>3</sup>Langs området til Asjer, frå aust til vest: Naftali, éin del.

<sup>4</sup>Langs området til Naftali, frå aust til vest: Manasse, éin del.

<sup>5</sup>Langs området til Manasse, frå aust til vest: Efraim, éin del.

<sup>6</sup>Langs området Efraim, frå aust til vest: Ruben, éin del.

<sup>7</sup>Langs området til Ruben, frå aust til vest: Juda, éin del.

<sup>8</sup> Langs området til Juda, frå aust til vest, ligg det stykket de skal skilja ut, tjuefem tusen alner breitt og like langt som kvar av dei andre delane, frå aust til vest. Heilagdomen skal liggja midt i det.

<sup>9</sup>Det stykket de skil ut for Herren, skal vera tjuefem tusen alner langt og tjue tusen breitt.

<sup>10</sup>Det heilage området skal høyra prestane til. Dei skal ha eit stykke som er tjuefem tusen alner langt i nord, ti tusen alner breitt i vest, ti tusen breitt i aust, og i sør tjuefem tusen langt. Heilagdomen skal liggja midt i det.

- 11** Dei heilage prestane av Sadok-ætta tok seg av tempeltenesta for meg. Dei fór ikkje vill saman med israellittane slik levittane gjorde.
- 12** Dei skal ha sin del av det stykket som er skilt ut av landet, ein høgheilag del, attmed området til levittane.
- 13** Levittane skal ha eit område ved prestane sitt, tjuefem tusen alner langt og ti tusen breitt. Det heile skal vera tjuefem tusen langt og tjue tusen breitt.
- 14** Dei skal ikkje selja noko av dette eller byta det bort eller la den beste delen av landet gå over til andre, for han er heilag for Herren.
- 15** Det fem tusen alner breie området som er att av det tjuefem tusen alen lange området, skal høyra til byen og ikkje vera heilagt, men brukast til bustader og beitemarker. Byen skal liggja midt i det.
- 16** Desse måla har byen: nordsida fire tusen fem hundre alner, sørsida fire tusen fem hundre, austsida fire tusen fem hundre og vestsida fire tusen fem hundre.
- 17** Det skal vera beitemarker til byen, i nord to hundre og femti alner, i sør to hundre og femti, i aust to hundre og femti og i vest to hundre og femti.
- 18** Det som er att langs det heilage området, er ti tusen alner mot aust og ti tusen mot vest. Grøda derifrå skal vera til brød for arbeidarane i byen.
- 19** Arbeidarane i byen skal dyrka det, arbeidarar frå alle stammene i Israel.
- 20** Heile området skal vera tjuefem tusen gonger tjuefem tusen alner, eit kvadrat. De skal skilja ut det heilage området saman med byens eigedom.
- 21** Det som er att på begge sider av det heilage området og byens eigedom, skal fyrsten ha: frå det tjuefem tusen alner lange området til grensa i aust, og vestover frå det tjuefem tusen alner lange området til grensa mot havet, attmed delane til stammene. Det skal høyra fyrsten til. Det utskilde, heilage området og det heilage huset midt i det,

<sup>22</sup>saman med egedomen til levittane og egedomen til byen, skal liggja mellom det som høyrer fyrsten til. Det som ligg mellom områda til Juda og Benjamin, høyrer fyrsten til.

<sup>23</sup>Så dei andre stammane: Frå aust til vest: Benjamin, éin del.

<sup>24</sup>Langs Benjamin-området frå aust til vest: Simon, éin del.

<sup>25</sup>Langs Simon-området frå aust til vest: Jissakar, éin del.

<sup>26</sup>Langs Jissakar-området frå aust til vest: Sebulon, éin del.

<sup>27</sup>Langs Sebulon-området frå aust til vest: Gad, éin del.

<sup>28</sup> Langs Gad-området, langs grensa i Negev, mot sør, skal grensa gå frå Tamar til vatnet ved Meribat-Kadesj, langs elveleiet til Storhavet.

<sup>29</sup>Dette er det landet de skal fordela mellom stammane i Israel til odel og eige; dette er dei delane stammane skal ha, seier Herren Gud.

<sup>30</sup>Desse utgangane skal byen ha: På nordsida, som måler fire tusen fem hundre alner,

<sup>31</sup> er det tre portar mot nord. Byportane skal ha namn etter stammane i Israel: Ruben-porten, Juda-porten og Levi-porten.

<sup>32</sup>På austsida, som måler fire tusen fem hundre alner, er det tre portar: Josef-porten, Benjamin-porten og Dan-porten.

<sup>33</sup>På sørsida, som måler fire tusen fem hundre alner, er det tre portar: Simon-porten, Jissakar-porten og Sebulon-porten.

<sup>34</sup>På vestsida, som måler fire tusen fem hundre alner, er det tre portar: Gad-porten, Asjer-porten og Naftali-porten.

<sup>35</sup> Omkrinsen skal vera på atten tusen alner. Namnet på byen skal frå denne dag vera «Herren er der».

## Daniel

### Daniel 1

#### Daniel hos kongen av Babel

<sup>1</sup> I det tredje året Jojakim var konge i Juda, kom Nebukadnesar, kongen i Babel, til Jerusalem og kringsette byen.

<sup>2</sup> Herren gav Juda-kongen Jojakim over i hans hender, og like eins noko av utstyret i Guds hus. Nebukadnesar tok det med til Sinear-landet, til huset til sin gud. Han sette tempelutstyret i skattkammeret til sin gud.

<sup>3</sup> Kongen sa til Aspenas, hoffsjefen, at han skulle henta nokre israelittar frå kongsætta og frå dei fremste familiane,

<sup>4</sup> unge gutar utan feil på kroppen og vakre å sjå til, kunnige i alle slag visdom, kunnskapsrike og lærenæme, skikka til å gjera teneste i kongens slott. Dei skulle han læra opp i skriftene og språket til kaldearane.

<sup>5</sup> Kongen fastsette at dei kvar dag skulle få eta maten og drikkja vinen frå kongens bord. I tre år skulle dei få opplæring, og etter den tid skulle dei gå i teneste for kongen.

<sup>6</sup> Mellom dei var jødane Daniel, Hananja, Misjael og Asarja.

<sup>7</sup> Hoffsjefen gav dei nye namn. Daniel kalla han for Beltsasar, Hananja for Sjadrak, Misjael for Mesjak og Asarja for Abed-Nego.

<sup>8</sup> Daniel sette seg føre at han ikkje ville gjera seg urein med maten og vinen frå kongens bord. Han bad hoffsjefen om å få sleppa å gjera seg urein.

<sup>9</sup> Og Gud laga det så at hoffsjefen fekk godhug og velvilje for Daniel.

<sup>10</sup> Men hoffsjefen sa til Daniel: «Eg er redd for at herren min, kongen, som har fastsett kva de skal eta og drikkja, skal synast at de ikkje ser så friske ut som dei andre gutane på dykkar alder, og då har de sett livet mitt i fare hos kongen.»

<sup>11</sup> Då sa Daniel til oppsynsmannen som hoffsjefen hadde sett over Daniel, Hananja, Misjael og Asarja:

- <sup>12</sup>«Prøv tenarane dine i ti dagar! Gjev oss grønsaker å eta og vatn å drikka!
- <sup>13</sup>Så kan du sjølv sjå korleis vi ser ut, og korleis dei gutane ser ut som et av maten frå kongens bord, og gjera med tenarane dine ut frå det du då får sjå.»
- <sup>14</sup>Han hørde på dei i denne saka og prøvde dei i ti dagar.
- <sup>15</sup>Då dei ti dagane var gått, viste det seg at dei såg betre og sunnare ut enn dei gutane som hadde ete av maten frå kongens bord.
- <sup>16</sup>Då lét oppsynsmannen dei sleppa denne maten og vinen og gav dei grønsaker.
- <sup>17</sup> Gud gav dei fire gutane kunnskap og vit på alle skrifter og all slags visdom. Og Daniel skjøna seg på alle slags syn og draumar.
- <sup>18</sup>Då den tida kongen hadde fastsett, var ute og dei skulle først fram for han, førte hoffsjefen dei fram for Nebukadnesar.
- <sup>19</sup>Kongen snakka med dei, og det fanst ingen som kunne måla seg med Daniel, Hananja, Misjael og Asarja. Og dei gjekk inn i teneste hos kongen.
- <sup>20</sup>Kvar gong kongen spurde dei til råds i saker som kravde visdom og vit, fann han at dei var ti gonger så vise som alle draumetydarar og åndemanarar i riket.
- <sup>21</sup> Daniel vart verande der til første regjeringsåret til kong Kyros.

## Daniel 2

### Nebukadnesars draum

- <sup>1</sup> I det andre året Nebukadnesar var konge, hadde han draumar som gjorde han uroleg til sinns så han ikkje fekk sova.
- <sup>2</sup> Då sa kongen at draumetydarane, åndemanarane, trollmennene og stjernetydarane skulle kallast inn for å fortelja han kva han hadde drøymt. Dei kom og steig fram for kongen.
- <sup>3</sup> Han sa til dei: «Eg har hatt ein draum. Eg er uroleg til sinns og ønskjer å forstå draumen.»

<sup>4</sup> Stjernetydarane svara kongen på arameisk: «Lenge leve kongen! Fortel tenarane dine draumen, så skal vi seia deg tydinga.»

<sup>5</sup>Då sa kongen til stjernetydarane: «Dette er mi faste avgjerd: Dersom de ikkje fortel meg både draumen og tydinga, skal de hoggast i bitar, og husa dykkar skal leggjast i grus.

<sup>6</sup>Men dersom de fortel meg både draumen og tydinga, skal de få rike gåver og stor ære av meg. Fortel meg difor draumen og tydinga!»

<sup>7</sup>Då svara dei andre gongen: «Berre kongen no fortel tenarane sine draumen, så skal vi seia deg tydinga.»

<sup>8</sup>Kongen tok til orde og sa: «Eg skjønar godt at de prøver å vinna tid, fordi de ser at ordet mitt står fast:

<sup>9</sup>Dersom de ikkje kan fortelja meg draumen, er det berre éin dom som gjeld for dykk. Men de har vorte samde om å føra meg bak lyset med ei løgn til tidene skifter. Difor: Sei meg draumen, så veit eg at de òg kan seia meg tydinga!»

<sup>10</sup>Stjernetydarane tok til orde og sa til kongen: «Det finst ikkje eit menneske på jorda som kan fortelja kongen dette. For aldri har nokon konge, kor stor og mektig han var, kravd noko slikt av ein draumetydar, åndemanar eller stjernetydar.

<sup>11</sup>Det kongen krev, er så vanskeleg at ingen andre enn gudane kan fortelja han det, og dei bur ikkje mellom dødelege.»

<sup>12</sup>Kongen vart frå seg av raseri over dette og baud at dei skulle gjera ende på alle vismennene i Babel.

<sup>13</sup>Då påbodet om å drepa vismennene var utsendt, leita dei òg etter Daniel og venene hans og ville slå dei i hel.

<sup>14</sup>Då vende Daniel seg med kloke og velvalde ord til Arjok, sjefen over livvakta til kongen, som hadde drege ut for å drepa vismennene i Babel.

<sup>15</sup>Han tok til orde og spurde Arjok, befalingsmannen til kongen: «Kvifor har kongen gjeve dette strenge påbodet?» Då lét Arjok Daniel få vita det.

<sup>16</sup>Daniel gjekk då inn og bad kongen gje han ein frist, så skulle han seia han tydinga.

<sup>17</sup>Så gjekk Daniel heim og gjorde saka kjend for venene Hananja, Misjael og Asarja.

<sup>18</sup>Dei skulle be Gud i himmelen visa miskunn og openberra dette mysteriet, så Daniel og venene hans ikkje skulle gå til grunne saman med resten av vismennene i Babel.

<sup>19</sup>Då vart mysteriet openberra for Daniel i eit syn om natta. Og Daniel velsigna Gud i himmelen.

<sup>20</sup>Han tok til orde og sa: Velsigna er Guds namn frå æve og til æve! For visdomen og styrken er hans.

<sup>21</sup>Han lét år og tider skifta, set kongar av og set kongar inn. Han gjev dei vise visdom og dei vituge vit.

<sup>22</sup>Han openberrar det djupe og det skjulte. Han veit kva som er i mørkret, og hos han bur lyset.

<sup>23</sup>Deg, mine fedrars Gud, takkar og prisar eg, for du har gjeve meg visdom og styrke. No har du gjort kjent for meg det vi bad om, det kongen vil vita, har du gjort kjent for oss.

#### **Daniel tyder draumen til kongen**

<sup>24</sup>Så gjekk Daniel til Arjok, som kongen hadde gjeve påbod om å gjera ende på vismennene i Babel. Han sa til han: «Gjer ikkje ende på vismennene i Babel! Før meg fram for kongen, så skal eg seia kongen tydinga.»

<sup>25</sup>Då skunda Arjok seg og førte Daniel fram for kongen og sa til han: «Mellom dei jødane som er her i eksil, har eg funne ein mann som kan seia kongen tydinga.»



<sup>26</sup>Kongen tok til orde og spurde Daniel, som hadde fått namnet Beltsasar: «Kan du fortelja meg både draumen eg har sett, og tydinga?»

<sup>27</sup>Daniel tok til orde og svara kongen: «Mysteriet som kongen spør om, kan ingen vismann eller åndemanar, draumetydar eller teikntydar gjera kjent for kongen.

<sup>28</sup>Men det er ein Gud i himmelen som openberrar mysterium. Han har gjort kjent for kong Nebukadnesar kva som skal henda i dei siste dagar. Dette er draumen og dei syn du hadde i hovudet medan du låg i senga.

<sup>29</sup>Då du låg i senga, konge, steig det tankar opp i deg om det som skal henda i framtida. Han som openberrar mysterium, gjorde kjent for deg det som skal henda.

<sup>30</sup>Og når dette mysteriet har vorte openberra for meg, er det ikkje fordi eg har større visdom enn alle andre som lever, men for at kongen skal få vita tydinga, så du kan kjenna tankane i hjartet ditt.

<sup>31</sup>Konge, i synet såg du ein kolossal statue. Han var stor og stråla sterkt. Han stod beint framfor deg og såg skremmeleg ut.

<sup>32</sup>Hovudet på statuen var av fint gull, brystet og armane av sølv, magen og hoftene av bronse.

<sup>33</sup>Beina var av jern og føtene dels av jern, dels av leire.

<sup>34</sup>Medan du såg på, vart ein stein riven laus, men utan at noka hand rørte ved han, og han råka statuen på føtene som var av jern og leire, og krasa dei.

<sup>35</sup> Då gjekk det sund alt saman, både jernet og leira, bronsen, sølvet og gullet. Det vart som agner frå treskjevollen om sommaren. Vinden tok det, og det fanst ikkje meir. Men steinen som hadde råka statuen, vart til eit stort fjell som fylte heile jorda.

<sup>36</sup>Det var draumen, og no skal vi fortelja kongen tydinga.

<sup>37</sup> Konge, du konge over kongane, som Gud i himmelen har gjeve kongedøme, makt og styrke og ære!

<sup>38</sup>Menneska, kvar dei så bur, dyra på marka og fuglane under himmelen, alle har han gjeve i di hand, og han har sett deg til herskar over dei. Du er hovudet av gull.

<sup>39</sup>Men etter deg skal det koma eit anna kongerike, ringare enn ditt, og så eit tredje rike, av bronse, som skal råda over heile jorda.

<sup>40</sup>Det fjerde riket skal vera sterkt som jern. Som jernet knuser og knasar alt, skal det knusa og slå sund alle dei andre, lik jern som slår sund.

<sup>41</sup>Føtene og tærne som du såg, var dels av pottemakerleire, dels av jern. Slik skal riket vera delt. Noko av styrken til jernet skal vera i det. Du såg då at jernet var blanda med leire.

<sup>42</sup>At tærne dels var av jern og dels av leire, tyder at riket for ein del skal vera sterkt, men for ein del veikt.

<sup>43</sup> Slik jernet, som du såg, var blanda med leire, skal menneske blanda seg til ei slekt. Men dei skal likevel ikkje halda fast ved kvarandre, like lite som jern kan blanda seg med leire.

<sup>44</sup> Men i dagane til desse kongane skal Gud i himmelen skipa eit rike som aldri i æve går til grunne. Det riket skal ikkje gå over til noko anna folk. Det skal knusa og gjera ende på alle dei andre rika, men sjølv skal det stå til evig tid.

<sup>45</sup>Du såg då at ein stein vart riven laus frå fjellet, utan at noka hand rørte ved han, og han krasa jernet, bronzen, leira, sølvet og gullet. Den store Gud har no gjort kjent for kongen det som skal henda i framtida. Draumen er sann, og tydinga er påliteleg.»

<sup>46</sup>Då kasta kong Nebukadnesar seg ned med andletet mot jorda og tilbad Daniel. Han baud at dei skulle bera fram offer og røykjelse for han.

<sup>47</sup>Kongen tok til orde og sa til Daniel: «Sanneleg, dykkar gud er gud over alle gudar og herre over alle kongar. Han openberrar mysterium, sidan du har greidd å openberra dette mysteriet.»

<sup>48</sup>Så gav kongen Daniel høg rang og mange store gåver. Han sette han til herre over heile provinsen Babel og til øvste leiar for alle vismennene der.

<sup>49</sup> På Daniels bøn sette kongen Sjadrak, Mesjak og Abed-Nego over provinsen Babel. Daniel sjølv vart verande ved kongens hoff.

## Daniel 3

### Venene til Daniel i eldomnen

<sup>1</sup> Kong Nebukadnesar laga ein statue av gull, seksti alner høg og seks alner brei, og sette han opp i Dura-dalen i provinsen Babel.

<sup>2</sup> Så sende kong Nebukadnesar bod og kalla saman satrapane, guvernørane, statthaldarane, rådgjevarane, skattmeistrane, dommarane, oppsynsmennene og alle provinsstyrarane. Dei skulle koma til vigslinga av statuen som kong Nebukadnesar hadde reist.

<sup>3</sup> Satrapane, guvernørane, statthaldarane, rådgjevarane, skattmeistrane, dommarane, oppsynsmennene og alle provinsstyrarane kom saman til vigslinga av den statuen som kong Nebukadnesar hadde sett opp. Då dei stod framfor statuen kongen hadde reist,

<sup>4</sup> ropa herolden med høg røyst: «Slik lyder påbodet til dykk folk og nasjonar og tungemål:

<sup>5</sup> Så snart de høyrer lyden av horn, fløyte, sitar, harpe, lutt, sekkepipe og alle andre slag instrument, skal de falla ned og tilbe gullstatuen kong Nebukadnesar har reist.

<sup>6</sup> Den som ikkje fell ned og tilbed, skal straks kastast i omnen med logande eld.»

<sup>7</sup> Så snart alle folka høyrde lyden av horn, fløyte, sitar, harpe, lutt og alle andre slag instrument, fall alle folk og nasjonar og tungemål ned og tilbad statuen som kong Nebukadnesar hadde reist.

<sup>8</sup> Straks etter kom nokre kaldeiske menn og førte klagemål mot jødane.

<sup>9</sup> Dei tok til orde og sa til kong Nebukadnesar: «Lenge leve kongen!

**10** Konge, du har gjeve påbod om at alle som høyrer lyden av horn, fløyte, sitar, harpe, lutt, sekkepipe og alle andre slag instrument, skal falla ned og tilbe gullstatuen,

**11**og at den som ikkje fell ned og tilbed, skal kastast i omnen med logande eld.

**12** Det er nokre jødiske menn her som du har sett til å styra provinsen Babel: Sjadrak, Mesjak og Abed-Nego. Desse mennene bryr seg ikkje om påbodet ditt, konge. Dei dyrkar ikkje din gud og tilbed ikkje statuen som du har sett opp.»

**13**Då vart Nebukadnesar rasande. Han baud at dei skulle henta Sjadrak, Mesjak og Abed-Nego, og mennene vart førte fram for kongen.

**14**Nebukadnesar tok til orde og sa til dei: «Er det sant, Sjadrak, Mesjak og Abed-Nego, at de ikkje dyrkar min gud og ikkje tilbed gullstatuen som eg har sett opp?

**15**No, er de villige når de høyrer lyden av horn, fløyte, sitar, harpe, lutt, sekkepipe og alle andre slag instrument, til å falla ned og tilbe statuen eg har laga? For vil de ikkje tilbe han, skal de straks kastast i omnen med logande eld. Finst det då nokon gud som kan berga dykk frå mi hand?»

**16**Sjadrak, Mesjak og Abed-Nego svara kong Nebukadnesar: «Vi treng ikkje svara deg på dette.

**17** Om den Gud som vi dyrkar, kan berga oss frå omnen med logande eld og frå di hand, konge, så vil han berga oss.

**18** Og om han ikkje det gjer, skal du vita, konge, at vi ikkje kjem til å dyrka din gud og tilbe gullstatuen du har reist.»

**19**Då vart Nebukadnesar fylt av slikt raseri mot Sjadrak, Mesjak og Abed-Nego at andletet hans vart heilt fordreia. Han baud at dei skulle gjera omnen sju gonger så heit som vanleg,

<sup>20</sup>og at nokre soldatar frå hæren skulle binda Sjadrak, Mesjak og Abed-Nego og kasta dei i omnen med logande eld.

<sup>21</sup>Så vart mennene bundne og kasta i omnen med logande eld, med kappene, buksene, luene og dei andre klede på seg.

<sup>22</sup>Sidan omnen på kongens strenge bod var så sterkt oppheta, vart dei som førte Sjadrak, Mesjak og Abed-Nego opp, drepne av logane frå elden.

<sup>23</sup>Dei andre tre mennene, Sjadrak, Mesjak og Abed-Nego, fall bundne ned i omnen med logande eld.

<sup>24</sup>Då vart kong Nebukadnesar forfærd. Han reiste seg brått og sa til rådsherrane sine: «Var det ikkje tre menn vi batt og kasta ned i elden?» «Jau visst, konge», svara dei.

<sup>25</sup>Han sa: «Men eg ser fire menn gå fritt omkring i elden, og det finst ikkje skade på dei. Den fjerde ser ut som ein gudeson.»

<sup>26</sup>No gjekk Nebukadnesar bort til døra i omnen med logande eld og ropa: «Sjadrak, Mesjak og Abed-Nego, de som er tenarar for Gud, Den høgste, kom ut hit!» Då kom Sjadrak, Mesjak og Abed-Nego ut frå elden.

<sup>27</sup>Satrapane, guvernørane, statthaldarane og kongens rådsherrar stimla saman, og dei såg at elden ikkje hadde hatt makt over kroppane til desse mennene. Håret på hovuda deira var ikkje svidd, kappene var ikkje skadde, og det lukta ikkje brent av dei.

<sup>28</sup>Då tok Nebukadnesar til orde og sa: «Velsigna er Sjadraks, Mesjaks og Abed-Negos Gud, som sende engelen sin og berga tenarane sine. Dei sette si lit til han og trassa bodet frå kongen. Dei våga livet, så dei skulle sleppa å dyrka eller tilbe nokon annan gud enn sin eigen.

<sup>29</sup>No gjev eg dette påbodet: Er det nokon i alle folk og nasjonar og tungemål som talar hånleg om Sjadraks, Mesjaks og Abed-Negos Gud, skal han hoggast i bitar, og huset hans skal leggjast i grus. For det finst ingen annan gud som kan berga på denne måten.»

<sup>30</sup>Og kongen gav Sjadrak, Mesjak og Abed-Nego høge stillingar i provinsen Babel.

## Daniel 4

### Nebukadnesars galskap

<sup>1</sup>«Kong Nebukadnesar til alle folk og nasjonar og tungemål som bur over heile jorda: Rikeleg fred!

<sup>2</sup>Lat meg få kunngjera dei teikn og under som Gud, Den høgste, har gjort mot meg.

<sup>3</sup>Kor store er hans teikn, kor veldige hans under! Hans kongerike er eit evig rike, hans velde varer frå slekt til slekt.

<sup>4</sup>Eg, Nebukadnesar, levde sorglaust i huset mitt og sat sunn og frisk i slottet mitt.

<sup>5</sup>Då hadde eg ein draum som gjorde meg redd. Dei tankane eg fekk og syna eg hadde i hovudet medan eg låg i senga, skremde meg.

<sup>6</sup>Eg gav påbod om at alle vismennene i Babel skulle først fram for meg og gje meg tydinga av draumen.

<sup>7</sup>Då kom draumetydarane, åndemantarane, stjernetydarane og teikntydarane inn, og eg fortalde dei draumen. Men dei kunne ikkje gje meg tydinga.

<sup>8</sup>Til sist kom Daniel fram for meg, han dei kallar Beltsasar etter namnet på guden min. I han er dei heilage gudars ånd. Eg fortalde han draumen:

<sup>9</sup>Beltsasar, du som er leiar for draumetydarane! Eg veit at i deg er dei heilage gudars ånd, og at ikkje noko mysterium er for vanskeleg for deg. Høyr kva eg såg i draumen, og sei meg tydinga!

<sup>10</sup>Eg hadde syn i hovudet medan eg låg i senga: Og sjå, eit tre stod midt på jorda. Det var svært høgt.

<sup>11</sup>Treet voks seg så stort og sterkt at det nådde til himmelen og var synleg til enden av jorda.

<sup>12</sup> Lauvet var vakkert og frukta rik, det gav føde til alle. Dyra på marka fann skugge under det, og fuglane under himmelen bygde reir i greinene. Alt liv fekk si føde frå det.

<sup>13</sup> Eg hadde syn i hovudet medan eg låg i senga. Eg såg, og sjå! – ein heilag vaktar kom ned frå himmelen.

<sup>14</sup> Han ropa med høg røyst: Hogg treet ned, skjær greinene av, snøy det for lauv, kast frukta utover! Dyra under det skal rømme og fuglane flyga bort frå greinene.

<sup>15</sup> Lat berre rotstubben stå att i jorda, i graset på marka, men bunden med lenkjer av jern og bronse. Han skal vætast med dogg frå himmelen, som dyra skal han eta plantene på marka.

<sup>16</sup> Hans menneskehjarte skal forvandlast, eit dyrehjarte skal han få. Sju tider skal fara fram over han.

<sup>17</sup> Dette har vaktarane vedteke i sitt råd, dette har dei heilage avgjort med sitt ord. Slik skal alle som lever, skjønna at Den høgste rår over riket mellom menneska. Han gjev det til kven han vil, og den lågaste av alle menneske kan han setja over det.

<sup>18</sup> Dette var draumen som eg, kong Nebukadnesar, hadde. Gjev meg tydinga, du Beltsasar! For ingen vismann i riket mitt kan det. Men du kan, for dei heilage gudars ånd er i deg.»

<sup>19</sup> Daniel, som hadde fått namnet Beltsasar, stod ei stund forfærd; tankane hans skremde han. Då sa kongen: «Beltsasar, lat ikkje draumen og tydinga skremma deg.» Beltsasar svara: «Herre, gjev draumen måtte gjelda fiendane dine og tydinga motstandarane dine!

<sup>20</sup> Treet du såg, var stort og sterkt. Toppen nådde til himmelen, og treet var synleg over heile jorda.

<sup>21</sup> Lauvet var vakkert og frukta rik, det gav føde til alle. Dyra på marka heldt til under det, og fuglane under himmelen hadde reir i greinene.

<sup>22</sup> Dette treet er du sjølv, konge, stor og mektig som du er. Makta di har vakse, ho når heilt til himmelen og herredømet ditt til enden av jorda.

<sup>23</sup> Konge, du såg at ein heilag vaktar kom ned frå himmelen og sa: Hogg treet ned og øydelegg det! Lat berre rotstubben stå att i jorda, i graset på marka, men bunden med lenkjer av jern og bronse. Han skal vætast med dogg frå himmelen og leva som dyra på marka til sju tider har fare fram over han.

<sup>24</sup> Dette er tydinga, konge. Den høgste har fastsett at dette skal koma over min herre kongen:

<sup>25</sup> Du skal jagast bort frå menneska og halda til mellom dyra på marka. Du skal eta gras liksom oksane, og med dogg frå himmelen skal du vætast. Sju tider skal fara fram over deg til du skjønar at Den høgste rår over riket mellom menneska og gjev det til kven han vil.

<sup>26</sup> Når det vart sagt at ein rotstubb av treet skulle stå att, tyder det at riket igjen skal vera ditt frå den tid du skjønar at Himmelen har makta.

<sup>27</sup> Difor, konge, ta imot rådet mitt! Riv deg laus frå syndene dine med rettferd og frå skulda di med miskunn mot dei som lid naud! Så skal lukka di vara lenge.»

<sup>28</sup> Alt dette hende med kong Nebukadnesar.

<sup>29</sup> Tolv månader etter, då kongen ein gong gjekk omkring på taket av slottet i Babel,

<sup>30</sup> sa han brått: «Dette er det store Babel, som eg med mi veldige makt har bygd til kongssete, til ære for min herlegdom!»

<sup>31</sup> Før kongen endå hadde tala ut, kom ei røyst frå himmelen: «Dette er sagt til deg, kong Nebukadnesar: Riket er teke frå deg.

<sup>32</sup> Du skal jagast bort frå menneska og halda til mellom dyra på marka. Du skal eta gras liksom oksane. Sju tider skal fara fram over deg til du skjønar at Den høgste rår over riket mellom menneska og gjev det til kven han vil.»



<sup>33</sup>I same augneblinken vart dette ordet oppfylt på Nebukadnesar. Han vart jaga bort frå menneska og åt gras liksom oksane. Kroppen hans vart vætt med dogg frå himmelen til håret vart langt som ørnefjører og neglene som fugleklør.

<sup>34</sup> «Då tida var ute, lyfte eg, Nebukadnesar, auga mot himmelen, og eg fekk vitet mitt att. Eg lova og prisa Den høgste og æra han som lever evig: Hans velde er eit evig velde, hans rike varer frå slekt til slekt.

<sup>35</sup> Alle som bur på jorda, er for ingenting å rekna. Han gjer som han vil med himmelhæren og med dei som bur på jorda. Ingen kan halda han tilbake, ingen kan seia til han: Kva er det du gjer?

<sup>36</sup>I same stunda kom vitet mitt att, og eg fekk min herlegdom og glans tilbake – til ære for kongeriket mitt. Rådsherrane og stormennene mine leita meg opp. På nytt vart eg innsett som konge og fekk endå større makt enn før.

<sup>37</sup> Eg, Nebukadnesar, lovar, prisar og ærar no kongen i himmelen. For alle hans gjerningar er sanne og hans vegar rette. Han kan bøya dei som er hovmodige i si ferd.»

## Daniel 5

### Skrifta på veggen

<sup>1</sup> Kong Belsasar heldt eit stort festmåltid for dei tusen stormennene sine og sat og drakk vin i lag med dei.

<sup>2</sup> Belsasar vart påverka av vinen og baud at dei skulle henta dei gullkara og sølvkara som Nebukadnesar, far hans, hadde ført bort frå tempelet i Jerusalem. Så skulle kongen og stormennene hans, konene og følgjekonene hans drikka av dei.

<sup>3</sup> Dei henta då gullkara som var bortførte frå tempelet, frå Guds hus i Jerusalem, og kongen og stormennene hans, konene og følgjekonene hans drakk av dei.

<sup>4</sup> Dei drakk vin og prisa gudar av gull og sølv, bronse og jern, tre og stein.

<sup>5</sup>I same augneblinken synte det seg fingrar av ei menneskehand, og dei skreiv på den kalka veggen i kongsslottet, midt imot lysestaken. Kongen såg handa som skreiv.

<sup>6</sup>Då vart kongen bleik i andletet, og tankane hans skremde han. Hoftene veikna, og knea slo mot kvarandre.

<sup>7</sup>Kongen ropa høgt at dei skulle henta åndemantarane, stjernetydarane og teikntydarane. Og han tok til orde og sa til vismennene i Babel: «Den mannen som kan lesa denne skrifta og seia meg kva ho tyder, han skal bli kledd i purpur og få gullkjede om halsen, og i makt skal han vera den tredje i riket.»

<sup>8</sup>Alle vismennene til kongen kom inn til han. Men dei greidde ikkje lesa skrifta eller fortelja kongen tydinga.

<sup>9</sup>Då vart kong Belsasar så vitskremd at andletet bleikna, og stormennene hans stod rådville.

<sup>10</sup> Då dronninga høyrde kva kongen og stormennene hans hadde sagt, kom ho inn i festsalen, tok til orde og sa: «Lenge leve kongen! Lat ikkje tankane skremma deg, bli ikkje bleik!

<sup>11</sup> I riket ditt finst det ein mann som har dei heilage gudars ånd i seg. I din fars dagar viste det seg at han hadde opplysning og innsikt og ein slik visdom som gudane har. Kong Nebukadnesar, far din, sette han til leiar for draumetydarane, åndemantarane, stjernetydarane og teikntydarane. Det gjorde far din, konge,

<sup>12</sup> fordi det hos Daniel – han som kongen gav namnet Beltsasar – fanst ei makelaus ånd, vit og innsikt, evne til å tyda draumar, tolka varsel og løysa flokar. Send no bod etter Daniel! Han kan seia deg tydinga.»

<sup>13</sup> Så henta dei Daniel inn til kongen, og kongen sa til han: «Så du er Daniel, ein av dei bortførte jødane, som far min, kongen, tok med seg hit frå Juda!

<sup>14</sup>Eg har høyrte om deg at gudars ånd er i deg, og at du har vist at du har opplysning, innsikt og makelaus visdom.

<sup>15</sup>No er vismennene og åndemantarane henta hit til meg for å lesa denne skrifta og fortelja meg tydinga. Men dei er ikkje i stand til å tyda orda.

<sup>16</sup>Men eg har høyrt om deg at du kan gje tydingar og løysa flokar. Kan du no lesa skrifta og fortelja meg tydinga, skal du bli kledd i purpur og få gullkjede om halsen, og i makt skal du vera den tredje i riket.»

<sup>17</sup>Då tok Daniel til orde og sa til kongen: «Dei fine gåvene dine kan du ha sjølv eller gje dei til ein annan! Men skrifta skal eg lesa for kongen og fortelja tydinga.

<sup>18</sup>Konge! Gud, Den høgste, gav rike og makt, ære og herlegdom til Nebukadnesar, far din.

<sup>19</sup>Fordi Gud hadde gjeve han så stor makt, skalv alle folk og nasjonar og tungemål for han og var redde. Den han ville, lét han drepa, og den han ville, lét han leva; den han ville, gjorde han stor, og den han ville, gjorde han liten.

<sup>20</sup>Men då han vart stor i eigne tankar og stolt og hovmodig i si ånd, vart han støytt ned frå kongetrona, og æra hans vart teken frå han.

<sup>21</sup>Han vart jaga bort frå menneska, og hjartet hans vart som eit dyrehjarte. Han heldt til mellom villesel og åt gras liksom oksane. Kroppen hans vart vætt med dogg frå himmelen til han skjøna at Gud, Den høgste, rår over riket blant menneska og kan gje det til kven han vil.

<sup>22</sup>Men du, Belsasar, son hans, har ikkje vorte audmjuk, endå du visste alt dette.

<sup>23</sup>Du har opphøgd deg mot herren over himmelen. Dei har kome til deg med kar frå huset hans, og du og stormennene dine, konene og følgjekonene dine har drukke vin av dei. Du prisa gudar av sølv og gull, bronse og jern, tre og stein, som korkje ser eller høyrer eller skjønar. Men den Gud som har livet ditt i si hand, og som rår for heile livsvegen din, han har du ikkje æra.

<sup>24</sup>Difor vart denne handa send frå han og denne skrifta skriven.

<sup>25</sup>Dette er det som vart skrive: mene, mene, tekkel ufarsin.

<sup>26</sup>Og dette er tydinga av orda: Mene – talt. Gud har talt dagane til kongedømet ditt og gjort slutt på det.

<sup>27</sup>Tekel – vegen. Du er vegen på vekta og funnen for lett.

<sup>28</sup> Peres – delt opp. Riket ditt er delt opp og gjeve til medarane og persarane.»

<sup>29</sup> Då baud Belsasar at dei skulle kle Daniel i purpur, hengja gullkjeda om halsen hans og ropa ut at han i makt skulle vera den tredje i riket.

<sup>30</sup>Men same natta vart Belsasar, kaldearkongen, drepen.

## Daniel 6

### Daniel i løvehøla

<sup>1</sup> Medaren Dareios tok imot riket. Han var då 62 år gammal.

<sup>2</sup>Dareios valde å setja 120 satrapar over kongeriket, plasserte rundt i heile riket.

<sup>3</sup>Over dei sette han tre ministrar, og Daniel var ein av dei. Satrapane skulle gjera rekneskap for dei, så kongen ikkje skulle lida noko tap.

<sup>4</sup>Daniel merkte seg ut framfor dei andre ministrane og satrapane, for det var ei makelaus ånd i han. Og kongen tenkte på å setja han over heile riket.

<sup>5</sup>Då prøvde ministrane og satrapane å finna noko å klaga Daniel for i embetsførsla hans. Men dei greidde ikkje finna nokon grunn til å klaga på han eller noko gale å seia om han. For han var påliteleg, og dei fann korkje forsøming eller feil hos han.

<sup>6</sup>Då sa dei: «Vi har ikkje noko å klaga denne Daniel for, om vi då ikkje finn noko hos han når det gjeld religionen hans.»

<sup>7</sup>No storma ministrane og satrapane inn til kongen og sa til han: «Lenge leve kong Dareios!

<sup>8</sup>Alle ministrane, guvernørane, satrapane, rådsherrane og statthaldarane har halde råd og vorte samde om at kongen bør senda ut ei forordning med eit strengt påbod om at kvar den som i tretti dagar bed ei bøn til nokon annan

enn deg, konge, anten det er til ein gud eller eit menneske, skal kastast i løvehøla.

<sup>9</sup>Gjev no eit slikt påbod, konge, og set opp eit skriv som ikkje kan kallast tilbake, etter medisk eller persisk lov som ikkje kan endrast.»

<sup>10</sup>I samsvar med dette sette Dareios opp eit skriv med eit slikt påbod.

<sup>11</sup>Så snart Daniel fekk vita at skrivet var sett opp, gjekk han inn i huset sitt. I takkammeret hadde han opne vindauge som vende mot Jerusalem. Der fall han tre gonger om dagen på kne for sin Gud med bøn og lovprising, for slik hadde han alltid gjort.

<sup>12</sup>Då storma mennene inn og fann Daniel medan han bad til sin Gud og kalla på han.

<sup>13</sup>Så gjekk dei fram for kongen og sa: «Konge, har du ikkje sendt ut påbod om at kvar den som i tretti dagar bed til nokon annan enn deg, konge, anten det er til ein gud eller eit menneske, han skal kastast i løvehøla?» Kongen svara: «Jau, det står fast etter medisk og persisk lov som ikkje kan endrast.»

<sup>14</sup>Då sa dei til kongen: «Daniel, ein av dei bortførte frå Juda, retter seg korkje etter deg eller etter det påbodet du har sendt skriv om. Tre gonger om dagen held han si bøn.»

<sup>15</sup>Då kongen hørde det, gjorde det han svært vondt, og han bestemte seg for å berga Daniel. Heilt til solnedgang gjorde han det han kunne for å redde han.

<sup>16</sup>Igjen storma mennene inn til kongen og sa til han: «Gløym ikkje, konge, at det er medisk og persisk lov at ikkje noko påbod som kongen har gjeve eller noka forordning han har sendt ut, kan kallast tilbake.»

<sup>17</sup>Så baud kongen at dei skulle henta Daniel og kasta han i løvehøla. Kongen sa til Daniel: «Måtte din Gud, som du framleis dyrkar, berga deg!»

<sup>18</sup>Dei henta ein stein og la han over opninga til hòla. Kongen forseгла han med sitt eige segl og med seglet til stormennene sine, så ingenting kunne endrast når det gjaldt Daniel.

<sup>19</sup>Etter dette gjekk kongen til slottet sitt og fasta heile natta. Han lét ingen kvinner koma inn til seg. Og han fekk ikkje sova.

<sup>20</sup>Tidleg om morgonen, ved soloppgang, stod kongen opp og skunda seg til løvehòla.

<sup>21</sup>Då han kom bort til hòla, ropa han på Daniel med angst i stemma: «Daniel, du tenar for den levande Gud, har din Gud, som du stadig dyrkar, kunna berga deg frå løvene?»

<sup>22</sup> Då svara Daniel: «Lenge leve kongen!

<sup>23</sup> Min Gud sende engelen sin og lukka gapet på løvene så dei ikkje skadde meg. For eg er funnen skuldfri for han. Og mot deg, konge, har eg heller ikkje gjort noko gale.»

<sup>24</sup>Då vart kongen svært glad og baud at dei skulle dra Daniel opp or hòla. Då dei hadde drege Daniel opp, fanst det ingen skade på han, for han hadde sett si lit til sin Gud.

<sup>25</sup>Kongen baud no at dei mennene som hadde ført klagemål mot Daniel, skulle hentast og kastast i løvehòla saman med borna og konene sine. Før dei var komne til botnen i hòla, rauk løvene på dei og krasa kvart bein i kroppen deira.

<sup>26</sup> Etter dette skreiv kong Dareios til alle folk og nasjonar og tungemål over heile jorda: «Rikeleg fred!

<sup>27</sup> Med dette byd eg at folket i mitt kongerike, så langt mitt velde rår, skal frykta og skjelva for Daniels Gud. For han er den levande Gud, han er til evig tid. Hans kongerike går ikkje til grunne, hans velde tek aldri slutt.

<sup>28</sup>Han bergar og reddar, han gjer teikn og under i himmelen og på jorda. Han berga Daniel frå løveklørne.»

<sup>29</sup>Daniel hadde stor framgang medan Dareios og persaren Kyros var kongar.

## Daniel 7

### Verdsrika og det evige riket

<sup>1</sup>I det første året Belsasar var konge i Babel, hadde Daniel ein draum, og syn gjekk gjennom hovudet hans medan han låg i senga. Etterpå skreiv han opp draumen. Her tek forteljinga til.

<sup>2</sup>Daniel fortalde: Eg såg i eit syn om natta, og sjå! – dei fire himmelens vindar sette det store havet i opprør.

<sup>3</sup>Fire store dyr steig opp av havet, det eine ulikt det andre.

<sup>4</sup>Det første dyret var likt ei løve og hadde ørnevinger. Medan eg såg på det, vart vengene rivne av, og det vart lyft frå jorda og reist på to føter som eit menneske, og det fekk eit menneskehjarte.

<sup>5</sup>Og sjå! – eit dyr til, det andre. Det var likt ein bjørn og vart lyft opp på den eine sida. I gapet mellom tennene hadde det tre sidebein. Og det vart sagt til det: «Stå opp og et mykje kjøt!»

<sup>6</sup>Deretter såg eg, og sjå! – eitt til. Det var som ein leopard. Dyret hadde fire fuglevenger på ryggen, og det hadde fire hovud. Det fekk herskarmakt.

<sup>7</sup>Deretter såg eg i nattsyna, og sjå! – eit fjerde dyr, fælt og skremmeleg og veldig sterkt. Det hadde store jerntenner og åt og krasa; og det som var att, trakka det ned med føtene. Det var annleis enn alle dei andre dyra og hadde ti horn.

<sup>8</sup>Eg såg nøye på horna, og sjå! – endå eit horn. Eit lite horn skaut opp mellom dei. Tre av dei første horna vart rykte opp så det kunne få rom. Dette hornet hadde auge som eit menneske og ein munn som tala store ord.

<sup>9</sup>Så såg eg: Tronstolar vart sette fram, og ein som var gammal av dagar, tok sete. Kleda hans var kvite som snø og håret på hovudet som rein ull. Trona var flammande logar, og hjula under var logande eld.

**10** Ei elv av eld rann fram, ho strøymde ut framfor han. Tusen på tusen tente han, titusen på titusen stod framfor han. Retten vart sett, og bøker vart opna.

**11** Eg heldt fram med å sjå fordi eg høyrde dei store orda som hornet tala. Og medan eg såg, vart dyret drepe, og kroppen vart knust og kasta på elden for å brennast.

**12**Frå dei andre dyra òg vart herskarmakta teken, og livslengda deira vart fastsett med dag og time.

**13** Eg såg i mine nattsyn, og sjå! – med himmelskyene kom det ein som var lik ein menneskeson. Han gjekk bort mot den gamle av dagar og vart ført fram for han.

**14** Han fekk herskarmakt, ære og rike så alle folk og nasjonar og tungemål skal tena han. Hans herskarmakt er ei evig makt som ikkje skal forgå. Hans rike går aldri til grunne.

**15** Eg, Daniel, vart uroleg i kropp og sjel. Syna som gjekk gjennom hovudet mitt, skremde meg.

**16**Eg gjekk bort til ein av dei som stod der, og bad han om ei påliteleg forklaring på alt dette. Han svara meg og fortalde kva syna tydde:

**17**«Desse store dyra, fire i talet, tyder at det skal stå fram fire kongar på jorda.

**18** Men dei heilage til Den høgste skal få riket og ha det i eige til evig tid, ja, i ævers æve.»

**19**Då ønskte eg å få ei påliteleg forklaring på det fjerde dyret. Det var annleis enn alle dei andre, eit skremmeleg dyr med tenner av jern og klør av bronse. Det åt og krasa, og det som vart att, trakka det ned med føtene.

**20**Like eins ønskte eg ei forklaring på dei ti horna det hadde på hovudet, det nye hornet som skaut opp, og dei tre andre horna som fall av så det kunne få rom. Dette hornet hadde auge og ein munn som tala store ord, og det var større å sjå til enn dei andre.

**21** Eg såg på medan dette hornet førte krig mot dei heilage og vann over dei,



<sup>22</sup>heilt til den gamle av dagar kom. Då fekk dei heilage til Den høgste sin rett, og tida kom då dei heilage tok over riket.

<sup>23</sup>Dette sa han: «Det fjerde dyret tyder at det skal koma eit fjerde rike på jorda, eit som er annleis enn alle dei andre rika. Det skal sluka heile jorda, trakka henne ned og knusa henne.

<sup>24</sup> Dei ti horna tyder at det skal stå fram ti kongar frå dette riket. Og etter dei skal det stå fram endå ein konge, som er annleis enn dei som var før han. Han skal tvinga under seg tre kongar.

<sup>25</sup> Og han skal tala mot Den høgste og fara hardt fram mot dei heilage til Den høgste. Han skal setja seg føre å endra tider og lover, og dei heilage skal gjevast i hans hand éi tid, tider og ei halv tid.

<sup>26</sup> Då skal retten setjast. Herskarmakta skal takast frå han, knusast og gå under for alltid.

<sup>27</sup>Riket, herredømet og makta over rika under himmelen skal gjevast til det folket som er dei heilage til Den høgste. Riket deira skal vera eit evig rike, og alle herskarmakter skal tena og lyda dei.»

<sup>28</sup>Her endar forteljinga. Tankane mine gjorde meg, Daniel, fælände redd, eg bleikna i andletet. Men eg gøymde alt dette i hjartet.

## Daniel 8

### Vêren og bukken

<sup>1</sup> I det tredje året Belsasar var konge, fekk eg, Daniel, endå eit syn, etter det eg tidlegare hadde sett.

<sup>2</sup> I dette synet såg eg at eg var i Susa-borga i provinsen Elam, og eg såg at det var attmed Ulai-elva.

<sup>3</sup> Eg lyfte auga. Eg såg, og sjå! – ein vêr stod attmed elva. Han hadde to horn. Begge horna var lange, men det eine var lengre enn det andre, og det lengste voks fram sist.

<sup>4</sup>Eg såg vêren stanga mot vest, mot nord og mot sør. Det fanst ikkje dyr som kunne stå seg mot han, og ingen kunne berga nokon frå han. Vêren gjorde som han ville, og fekk stor makt.

<sup>5</sup>Medan eg tenkte på dette, kom det ein bukk frå vest. Han fór fram over heile jorda utan å koma nær marka. Bukken hadde eit veldig horn i skallen.

<sup>6</sup>Han kom bort til vêren med dei to horna, den eg såg attmed elva, og fór imot han med styrlaus kraft.

<sup>7</sup>Eg såg korleis han kom heilt bort til vêren og stanga til han i sinne og braut begge horna hans. Vêren hadde ikkje kraft til å stå seg imot han. Bukken kasta han til jorda og trakka han ned. Ingen kunne berga vêren frå bukken.

<sup>8</sup>Bukken fekk svært stor makt. Men då han var på det sterkaste, vart det store hornet avbrote, og det voks opp fire veldig horn i staden, mot dei fire himmelretningane.

<sup>9</sup>Frå eitt av horna skaut det fram eit mindre horn. Det voks seg større og større, mot sør og mot aust og mot det herlege landet.

<sup>10</sup> Det voks heilt opp til himmelhæren, og det kasta nokre av hæren og nokre av stjernene ned på jorda og trakka dei ned.

<sup>11</sup> Ja, det voks heilt opp til fyrsten for hæren. Det tok frå han det daglege offeret, og staden der heilagdomen hans står, vart vanæra.

<sup>12</sup>Hornet fekk makt til å gjera opprør mot det daglege offeret. Det kasta sanninga til jorda og lukkast i alt det gjorde.

<sup>13</sup>Så hørde eg ein av dei heilage tala, og ein annan heilag spurde han som tala: «Kor lenge gjeld synet om det daglege offeret, den øydeleggjande synda og om at både heilagdomen og hæren skal gjevast over til nedtrakking?»

<sup>14</sup>Han svara meg: «I 2300 kveldar og morgonar. Så skal heilagdomen få att sin rett.»

<sup>15</sup>Då eg, Daniel, hadde hatt dette synet og prøvde å skjøna det, stod det framfor meg ein som såg ut som ein mann.

**16** Og eg høyrde ei menneskerøyst som ropa over Ulai: «Gabriel, forklar synet for denne mannen!»

**17**Så kom han bort til meg der eg stod, og då han kom, vart eg skremd og kasta meg ned med andletet mot jorda. Han sa til meg: «Vit, menneske, at synet gjeld endetida.»

**18** Medan han tala til meg, fall eg i uvit med andletet mot jorda. Men han rørte ved meg, reiste meg på føtene

**19** og sa: «No vil eg la deg få vita kva som skal henda når det lid til endes med vreiden, for det handlar om tida for enden.

**20**Vêren du såg, den som hadde to horn, er kongane i Media og Persia,

**21** og bukken er kongen i Javan. Det store hornet han hadde i skallen, er den første kongen.

**22**Det eine hornet som vart brote av, og dei fire andre som voks opp i staden, tyder at fire kongerike skal stå fram frå folket hans, men utan same kraft som han.

**23**Når riket deira går mot slutten og syndemålet er fylt, skal det stå fram ein konge med hardt andlet og forstand på å føra folk bak lyset

**24**Han skal få stor makt, men ikkje så stor som den første. Han skal gjera uhyggjeleg skade og lukkast i alt han gjer. Han skal utsletta dei mektige og folket av dei heilage.

**25**Fordi han er kløktig, skal han lukkast med sitt svik. Han skal vera stor i eigne tankar, og med lett hjarte skal han utsletta mange. Han skal reisa seg mot fyrsten over fyrstane og bli knust, men ikkje ved menneskehand.

**26** Synet om kveldar og morgonar, det som her er fortalt, er sant. Men du skal halda synet skjult, for det gjeld ei fjern framtid.»

**27** Eg, Daniel, låg sjuk i fleire dagar. Så stod eg opp og gjorde mi teneste hos kongen. Eg var slegen av undring over synet og skjøna det ikkje.

## Daniel 9

## Dei sytti vekene

- <sup>1</sup> I det første året Dareios, son til Ahasveros, var konge – han var av medisk ætt og hadde vorte konge over kaldearriket –
- <sup>2</sup> i det første styringsåret hans oppdaga eg, Daniel, i bøkene kor lenge Jerusalem skulle liggja i røys etter Herrens ord til profeten Jeremia. Det var sytti år.
- <sup>3</sup> Eg vende meg til Herren Gud for å søkja han med bøn og rop om nåde, for å fasta i sekk og oske.
- <sup>4</sup> Eg bad til Herren min Gud og vedkjende: «Å Herre, du store og skremmande Gud, som held pakta og viser miskunn mot dei som elsker deg og held dine bod!
- <sup>5</sup> Vi har synda, bore oss ille åt, gjort urett, vore trassige og vike av frå dine bod og dommar.
- <sup>6</sup> Vi har ikkje høyrte på tenarane dine, profetane, som tala i ditt namn til kongane våre, stormennene og fedrane og til alt folket i landet.
- <sup>7</sup> Di er rettferda, Herre, og vår er skamma. Slik er det i dag med Judamennene og dei som bur i Jerusalem og i heile Israel, både dei som er nær, og dei som er langt borte, i alle dei land du dreiv dei bort til, fordi dei hadde vore trulause mot deg.
- <sup>8</sup> Ja, Herre, oss tilhøyrer skamma, oss og kongane våre, stormennene og fedrane, for vi har synda mot deg.
- <sup>9</sup> Hos Herren vår Gud er miskunn og tilgjeving; vi har gjort opprør mot han.
- <sup>10</sup> Vi høyrde ikkje på Herren vår Gud og følgde ikkje lovene hans, som han gav oss ved tenarane sine, profetane.
- <sup>11</sup> Heile Israel braut di lov, vende seg bort og høyrde ikkje på deg. Difor har den forbanningseiden det er skrive om i lova til Moses, Guds tenar, kome over oss. For vi har synda mot han.

<sup>12</sup>Han sette i verk det ordet han tala mot oss og mot styrarane som styrte over oss. Han sende over oss ei ulukke så stor at det ikkje finst ein stad under himmelen der det har hendt noko slikt som i Jerusalem.

<sup>13</sup>Etter det som står skrive i Moselova, kom all denne ulukka over oss. Men vi prøvde ikkje å vinna velvilje for Herren vår Guds andlet, vi vende ikkje om frå vår synd og prøvde ikkje å forstå di sanning.

<sup>14</sup>Difor hadde Herren støtt ulukka for auge og førte henne over oss. For Herren vår Gud er rettferdig i alt han gjer, men vi høyrde ikkje på han.

<sup>15</sup>Og no, Herre vår Gud, du som førte folket ditt ut frå Egypt med sterk hand og vann deg eit namn som står seg endå i dag, vi har synda og gjort urett.

<sup>16</sup>Herre, du som alltid er rettferdig, lat vreiden og harmen din venda seg bort frå byen din, Jerusalem, frå ditt heilage fjell! Fordi vi har synda og fedrane våre har handla ille, har Jerusalem og folket ditt vorte til spott for alle som bur omkring oss.

<sup>17</sup>Høyr no, vår Gud! Din tenar bed og ropar om nåde. Lat ditt andlet lysa over den øydelagde heilagdomen din, for di eiga skuld, Herre.

<sup>18</sup>Min Gud, vend øyret til og høyr! Lat opp auga dine og sjå ruinane våre og byen som ditt namn er nemnt over. For det er ikkje i tillit til våre rettferdige gjerningar at vi ber våre rop om nåde fram for ditt andlet, det er i tillit til di store miskunn.

<sup>19</sup>Herre, høyr! Herre, tilgjev! Herre, lytt og grip inn, dryg ikkje – for di eiga skuld, min Gud! For ditt namn er nemnt over byen din og folket ditt.»

<sup>20</sup>Medan eg endå tala og bad og sanna mi eiga synd og synda til Israel, folket mitt, medan eg bar fram for Herren min Gud ei bøn for min Guds heilage fjell,

<sup>21</sup>ja, medan eg endå heldt på å be, flaug Gabriel, den mannen eg før hadde sett i eit syn, heilt fram til meg. Det var ved tida for kveldsofferet.

<sup>22</sup>Han ville læra meg og sa: «Daniel, no er eg komen for å gje deg innsikt.

<sup>23</sup>Då du tok til å be, gjekk det ut eit ord, og eg er komen og vil kunngjera deg det, for du er høgt elska. Så merk deg ordet så du forstår synet!

<sup>24</sup>Sytti veker er fastsette for ditt folk og din heilage by til å føra vondskapen til ende, til å gjera slutt på synda, til å sona skulda og føra fram ei evig rettferd, til å stadfesta det profetane såg, og salva det høgheilage.

<sup>25</sup> Du skal vita og skjøna: Frå ordet gjekk ut om at Jerusalem skulle gjenreisast og byggjast opp att, og til det kjem ein som er salva, ein fyrste, skal det gå sju veker, og i sekstito veker skal byen stå der gjenreist og oppattbygd med gater og vollgraver. Men det skal vera ei tid full av trengsler.

<sup>26</sup> Etter desse sekstito vekene skal den salva ryddast av vegen og bli borte. Byen og heilagdomen skal leggjast øyde av hæren til ein fyrste som kjem. Han skal enda sine dagar i ein flaum. Den fastsette øydelegginga skal vara til krigen er slutt.

<sup>27</sup> Éi veke skal han stadfesta ei pakt for mange, etter ei halv veke gjer han ende på slakteroffer og grødeoffer. På vengene til det motbydelege kjem han som øydelegg, heilt til utslettinga som er fastsett, strøymer ned over øydeleggjaren sjølv.»

## Daniel 10

### Daniel får eit syn ved Tigris

<sup>1</sup> I det tredje styringsåret til persarkongen Kyros vart eit ord openberra for Daniel, som dei kalla Beltsasar. Ordet var sant og handla om ein hard strid. Han merka seg ordet så han forstod synet.

<sup>2</sup> På den tida hadde eg, Daniel, vore i sorg i tre veker.

<sup>3</sup> Fine retter åt eg ikkje, kjøt og vin kom ikkje over leppene mine, og eg salva meg ikkje før dei tre vekene var omme.

<sup>4</sup> Den tjuefjerde dagen i den første månaden stod eg ved bredda av Storelva, det er Tigris.

<sup>5</sup> Eg lyfte auga. Eg såg, og sjå! – ein mann som var kledd i lin og hadde eit belte av Ufas-gull om livet.

<sup>6</sup>Kroppen hans var som krysolitt, andletet som glimtet av eit lyn, auga som logar av eld, og armane og føtene var som skinande bronse. Når han tala, lydte røysta som brusset av ei folkemengd.

<sup>7</sup>Eg, Daniel, var den einaste som såg synet. Dei mennene som var med meg, såg det ikkje. Likevel vart dei så forskrekka at dei sprang og gøymde seg.

<sup>8</sup>Så var eg att åleine. Og då eg såg dette store synet, svann kreftene, eg skifte farge og vart likbleik. Til slutt var all mi kraft borte.

<sup>9</sup>Eg hørde lyden av orda hans, og då eg hørde lyden, fall eg i uvit med andletet mot jorda.

<sup>10</sup>Då rørte ei hand meg, riste i meg og fekk meg opp på hender og kne.

<sup>11</sup>Han sa til meg: «Daniel, du som er så høgt elska, forstå dei orda som eg vil tala til deg. Reis deg opp! For no er eg send til deg.» Då han tala desse orda til meg, reiste eg meg skjelvande opp.

<sup>12</sup>Så sa han til meg: «Ver ikkje redd, Daniel! For frå den første dagen du vigde hjartet til å vinna innsikt og audmjuka deg for din Gud, har orda dine vore hørde, og på grunn av orda dine er eg komen.

<sup>13</sup>Fyrsten over Persarriket gjorde motstand mot meg i tjueein dagar. Då kom Mikael, ein av dei fremste fyrstane, og hjelpte meg der eg var halden tilbake hos persarkongane.

<sup>14</sup>No er eg komen for å få deg til å forstå kva som skal henda folket ditt i dei siste dagar. For dette er endå eit syn som gjeld dei dagane.»

<sup>15</sup>Medan han tala slik til meg, bøygde eg andletet mot jorda, mållaus.

<sup>16</sup>Ein som var lik eit menneske, rørte då ved leppene mine. Då opna eg munnen og tala, eg sa til han som stod framfor meg: «Herre, synet gav meg slike krampar at all mi kraft er borte.

<sup>17</sup>Korleis skulle tenaren til herren min kunna tala med ein herre som deg? Kreftene tek slutt, og det er ikkje livspust i meg lenger.»

<sup>18</sup>Han som var lik eit menneske, rørte ved meg endå ein gong og gav meg styrke. Han sa: «Ver ikkje redd, du som er høgt elska. Fred vere med deg! Ver sterk, ver sterk!» Og då han tala med meg, vart eg styrkt og sa: «Tal, herre! For du har gjeve meg styrke.»

<sup>19</sup> Då sa han: Veit du kvifor eg er komen til deg? No må eg fara attende og strida mot fyrsten over Persia. Når eg dreg bort, kjem fyrsten over Javan.

<sup>20</sup> Men eg skal fortelja deg det som er skrive i Sanningsboka. Det finst ikkje ein som støttar meg mot dei, utan Mikael, som er fyrste over dykk.

## Daniel 11

<sup>1</sup> Og eg, det første året medaren Dareios styrte, stod eg hos han til støtte og vern.

<sup>2</sup> No vil eg kunngjera sanninga for deg.

### Verdsrika og det heilage folket

Endå tre kongar skal stå fram i Persia, og den fjerde skal skaffa seg større rikdom enn dei andre. Og når rikdomen har gjort han mektig, skal han hissa opp alle mot Javan.

<sup>3</sup> Så skal ein krigarkonge stå fram. Han skal herska med stor makt og gjera som han sjølv vil.

<sup>4</sup> Men så snart han har stått fram, skal kongeriket hans bli knust og delt etter dei fire himmelretningane. Det skal ikkje gå over til etterkomarane hans og ikkje vera så mektig som då han sjølv styrte. For kongeriket hans skal rykkjast opp og gå over til andre.

<sup>5</sup> Kongen i sør skal bli mektig, men ein av hovdingane hans skal bli endå mektigare. Han skal herska med stor makt.

<sup>6</sup> Nokre år etter skal dei gå inn i ein allianse, og dotter til kongen i sør kjem til kongen i nord for å stadfesta forliket. Men hennar kraft blir borte, og han kan





heller ikkje halda stand. På den tida blir både ho og føljet hennar, faren og mannen, overgjevne til døden.

<sup>7</sup>Då skal eit skot frå røtene hennar koma i hans stad. Han går mot hæren til kongen i nord, bryt inn i festninga hans og vinn over dei.

<sup>8</sup>Også gudane deira fører han som fangar til Egypt, saman med dei støypte bileta deira og det kostbare utstyret av sølv og gull. I nokre år held han seg borte frå kongen i nord.

<sup>9</sup>Han skal dra mot riket til kongen i sør, men må fara heim att til landet sitt.

<sup>10</sup>Sønene hans bur seg til strid og samlar ein veldig hær. Han skal bølga fram som ei stormflod og igjen rykkja fram mot festninga til fienden.

<sup>11</sup>Kongen i sør blir rasande og dreg ut og strider mot han, mot kongen i nord, som stiller opp ein stor hær. Men hæren fell i fiendehand.

<sup>12</sup>Når hæren er feia vekk, blir kongen hovmodig. Han feller titusental, men kan likevel ikkje halda på makta.

<sup>13</sup>Så skal kongen i nord igjen stilla opp ein hær, større enn den første. Og etter nokre år rykkjer han fram med ein stor hær og ei veldig utrusting.

<sup>14</sup>På den tida skal mange stå opp mot kongen i sør, og valdsmennene i folket ditt skal reisa seg så synet blir stadfest. Men dei skal falla.

<sup>15</sup>Kongen i nord skal koma, kasta opp ein voll og ta ein festningsby. Hærstyrkane frå sør held ikkje stand, ikkje eingong dei beste av mennene hans har kraft til å halda stand.

<sup>16</sup> Han som går til åtak, gjer som han vil, og ingen kan stå seg imot han. Han får fotfeste i det herlege landet og har øydelegging i si hand.

<sup>17</sup>Han set seg føre å få heile riket til kongen i sør i si makt. Difor gjer han ei semje med han og gjev han ei ung kvinne for å øydeleggja riket. Men det skal ikkje skje, det lukkast ikkje for han.

<sup>18</sup>Så skal han venda seg mot kystlanda og ta mange av dei. Men ein hærførar gjer ende på spotten hans og vender spotten mot han sjølv.

<sup>19</sup> Så vender han seg mot festningane i sitt eige land. Men han vaklar, fell og blir borte.

<sup>20</sup> I hans stad skal det stå fram ein som sender ein skattekrevjar gjennom det landet som er til pryd for kongeriket. Kort tid etter blir han knust, men ikkje ved vrede og ikkje i krig.

### Den vonde kongen

<sup>21</sup> I hans stad skal det stå fram ein som blir forakta. Han har ikkje fått kongeleg makt, men kjem uventa og riv kongsmakta til seg med list.

<sup>22</sup> Hærstyrkane som fløymer fram, blir skylde bort og knuste framfor han – like eins paktfyrsten.

<sup>23</sup> Først går han inn i ein allianse, så fer han med svik. Han rykkjer fram, og med lite folk tek han makta.

<sup>24</sup> Lett trengjer han inn i dei mest grøderike traktene i landet og gjer slikt som verken fedrane hans eller fedrane deira gjorde. Han strør plyndra gods, rov og utrusting ut mellom mennene sine. Han legg planar om angrep på festningar, men berre for ei tid.

<sup>25</sup> Så samlar han alt sitt mot og all si makt mot kongen i sør og kjem med ein stor hær. Kongen i sør rustar seg òg til krig med ein stor og slagkraftig hær. Men han kan ikkje stå seg, for det blir lagt vonde planar mot han.

<sup>26</sup> Dei som et ved hans bord, knuser han. Hæren hans blir skyld bort, og mange blir drepne og fell.

<sup>27</sup> Begge kongane har vondt i sinne. Dei sit ved same bord og talar løgn. Men det skal ikkje lukkast, for enden kjem først til fastsett tid.

<sup>28</sup> Han vender heim att til landet sitt med stort bytte, men i hjartet er han motstandar av den heilage pakta. Han gjer det han vil, og vender attende til landet sitt.

<sup>29</sup> Til fastsett tid skal han dra mot sør att, men denne gongen går det ikkje som sist.

<sup>30</sup>Kitteiske skip kjem mot han, og han mistar motet. Han snur om og lèt harmen gå ut over den heilage pakta. Så vender han attende og lyttar til dei som har svikta den heilage pakta.

<sup>31</sup>Nokre av hans hærstyrkar kjem og vanhelgar tempelborga, tek bort det daglege offeret og set opp det motbydelege som øydelegg.

<sup>32</sup>Dei som syndar mot pakta, lokkar han til fråfall med glatte ord. Men det folket som kjenner sin Gud, skal stå fast, også i handling.

<sup>33</sup>Dei kloke i folket hjelper dei mange til innsikt. Men ei kort tid fell dei som offer for sverd og eld, fangenskap og plyndring.

<sup>34</sup>Når dei fell, får dei berre litt hjelp. Mange sluttar seg til dei, men med baktankar.

<sup>35</sup>Nokre av dei kloke fell som offer, så dei blir lutra og reinsa og vaska reine til endetida. For den fastsette tid er enno ikkje komen.

<sup>36</sup>Kongen skal fara fram som han vil, opphøgja seg og gjera seg større enn alle gudar. Mot Gud over gudane talar han uhøyrdede ord. Han har lukka med seg heilt til vreiden tek slutt. For det som er fastsett, må skje.

<sup>37</sup>Han bryr seg ikkje om sine fedrars gudar, heller ikkje om guden som kvinnene elsker, eller nokon annan gud. Han gjer seg sjølv større enn dei alle.

<sup>38</sup>I staden ærar han borgguden. Ein gud som fedrane hans ikkje kjende, ærar han med gull og sølv, edle steinar og andre dyre ting.

<sup>39</sup>Han går mot dei sterke festningane med hjelp frå ein framand gud. Dei som dyrkar denne guden, viser han stor ære. Han set dei til å råda over mange og deler ut jord som løn.

<sup>40</sup>I endetida skal kongen i sør støyta saman med han, og kongen i nord skal storma fram mot han med vogner og ryttarar og mange skip. Han dreg inn i land etter land og fer fram som ei stormflod.

<sup>41</sup>Så dreg han inn i det herlege landet, og titusental skal falla. Men desse skal sleppa unna hans hand: Edom og Moab og dei fremste av ammonittane.

<sup>42</sup>Han retter handa ut mot land etter land, heller ikkje Egypt slepp unna.

<sup>43</sup>Han skal rå over skattar av gull og sølv og alle dyre eigneluter i Egypt. Sjølv libyarar og kusjittar må følgja han.

<sup>44</sup>Då skal rykte frå aust og frå nord skremma han, og han tek ut i stor vreide for å slå mange med bann og utrydda dei.

<sup>45</sup>Han set opp kongsteltet sitt mellom havet og det herlege, heilage fjellet. Men han går mot undergangen, og ingen hjelper han.

## Daniel 12

### Trengsle og frelse i endetida

<sup>1</sup> På den tid skal Mikael stå fram, den store fyrsten som står saman med dine landsmenn. Det skal koma ei trengselstid som det ikkje har vore maken til frå folkeslag vart til og heilt til den tida. Men på den tid skal folket ditt bli berga, alle som er oppskrivne i boka.

<sup>2</sup> Mange av dei som søv i molda, skal vakna opp, somme til evig liv, andre til spott og evig avsky.

<sup>3</sup> Dei kloke skal skina som himmelkvelven skin, og dei som har ført dei mange til rettferd, skal skina som stjernene til evig tid.

<sup>4</sup> Men du, Daniel, må gøyma desse orda og forseгла boka til endetida. Mange skal streifa omkring, og kunnskapen skal auka.

<sup>5</sup> Eg, Daniel, såg, og sjå! – to andre stod der, ein på den eine sida av elva og ein på den andre sida av elva.

<sup>6</sup> Ein av dei spurde mannen som var kledd i lin, og som var over vatnet i elva: «Kor lenge skal det vara før alt dette underfulle får sin ende?»

<sup>7</sup> Mannen som var kledd i lin, og som var over vatnet i elva, lyfte høgre og venstre hand mot himmelen, og eg hørde at han svor ved Han som lever evig: «Éi tid og tider og ei halv tid. Når makta til det heilage folket er heilt knust, skal alt dette ta slutt.»

<sup>8</sup>Eg høyrde det, men skjøna det ikkje og spurde: «Herre, kva er slutten på dette?»

<sup>9</sup>Han svara: «Gå bort, Daniel, for desse orda skal vera gøymde og forseгла til endetida.

<sup>10</sup> Mange skal bli reinsa, lutra og vaska reine. Men dei urettferdige skal gjera urett, og ingen av dei skal forstå. Men dei kloke skal forstå.

<sup>11</sup> Frå den tid då det daglege offeret blir bortteke og det motbydelege som øydelegg, blir oppsett, skal det gå 1290 dagar.

<sup>12</sup>Sæl er den som ventar og når fram til 1335 dagar.

<sup>13</sup>Og du, gå til møtes med endetida! Du skal kvila og stå opp til din lut når dagane tek ende.»

## Hosea

### Hosea 1

<sup>1</sup> Herrens ord som kom til Hosea, son til Beerí, i dei dagane då Ussia, Jotam, Ahas og Hiskia var kongar i Juda, og i dei dagane då Jeroboam, son til Joasj, var konge i Israel.

#### Profetens ekteskap og born

<sup>2</sup> Herrens første ord gjennom Hosea. Herren sa til Hosea: «Gå og få deg ei horkvinne og horeborn! For landet horar seg bort frå Herren.»

<sup>3</sup> Og han gjekk og tok Gomer, Diblajims dotter, til kone. Ho vart med barn og fødte han ein son.

<sup>4</sup> Herren sa til han: «Kall han Jisreel! For om ikkje lenge vil eg straffa Jehus hus for blodbadet i Jisreel og gjera ende på kongedømet i Israel.

<sup>5</sup> Og den dagen skal eg bryta sund Israels boge på Jisreel-sletta.»

<sup>6</sup> Sidan vart ho med barn att og fekk ei dotter. Herren sa til han: «Kall henne Lo Ruhamá, 'ikkje miskunn'! For eg vil ikkje lenger visa Israels hus miskunn og ikkje tilgje dei.

<sup>7</sup> Men Judas hus vil eg visa miskunn. Eg vil frelsa dei ved Herren deira Gud, men eg vil ikkje frelsa dei med boge, sverd og krig, med hestar og ryttrarar.»

<sup>8</sup> Då ho hadde vant av Lo Ruhamá, vart ho med barn att og fekk ein son.

<sup>9</sup> Herren sa: «Kall han Lo Ammí, 'ikkje mitt folk'! For de er ikkje mitt folk, og eg er ikkje her for dykk.»

<sup>10</sup> Israels born skal bli mange som havsens sand og ikkje kunna målast og ikkje teljast. Der det før vart sagt til dei: «De er ikkje mitt folk», skal det seiast: «Den levande Guds born».

<sup>11</sup> Judas og Israels born skal samla seg og ta seg ein hovding i lag. Dei skal dra opp frå landet. Ja, stor er Jisreels dag.

### Hosea 2

<sup>1</sup> De skal seia til brørne dykkar: «mitt folk» og til systrene dykkar: «du som har fått miskunn».

### **Retts sak mot eit trulaust folk**

<sup>2</sup> Før sak mot mor dykkar, før sak! For ho er ikkje kona mi, og eg er ikkje mannen hennar. Ho skal fjerna kvart horeteikn frå andletet, ta bort kvart utruskapsteikn mellom brysta!

<sup>3</sup> Elles skal eg kle av henne så ho står der like naken som den dagen ho vart fødd. Eg vil la henne bli som ein ørken, gjera henne lik eit tørt land og la henne døy av tørste.

<sup>4</sup> Borna hennar vil eg ikkje visa miskunn, for dei er horeborn.

<sup>5</sup> For mor deira dreiv hor, ho som fødde dei, førte skam over seg sjølv. Ho sa: «Eg vil gå etter elskarane mine, dei som gjev meg brød og vatn, ull og lin, olje og vin.»

<sup>6</sup> Difor vil eg stengja vegen for henne med tornar. Eg murar ein mur rundt henne så ho ikkje finn stigane sine.

<sup>7</sup> Når ho spring etter elskarane sine, skal ho ikkje nå dei att, når ho leitar etter dei, skal ho ikkje finna dei. Då skal ho seia: «Eg vil gå tilbake til den første mannen min, for eg hadde det betre då enn no.»

<sup>8</sup> Ho skjøna ikkje at det var eg som gav henne korn, ny vin og fin olje og mengder av sølv og gull, som dei brukte til Baal.

<sup>9</sup> Difor vil eg ta att kornet mitt når tida er inne, den nye vinen når tida kjem. Eg vil ta bort ulla mi og linet mitt, som skulle løyna hennar nakne kropp.

<sup>10</sup> No vil eg visa fram kjønnet hennar for auga på elskarane hennar, og ingen skal berga henne ut av mi hand.

<sup>11</sup> Eg gjer ende på all hennar glede, festane, nymånedagane og sabbatsdagane, alle høgtidene hennar.

**12** Eg øydelegg vinstokkane og fikentrea hennar. Om dei har ho sagt: «Dei er betaling eg fekk frå elskarane mine.» Eg gjer dei til krattskog, og villdyr skal eta dei.

**13** Eg vil straffa henne for dei dagane då ho tende offereld for Baal-gudane, pynta seg med ringar og smykke og gjekk etter elskarane sine, men gløymde meg, seier Herren.

### **Gud tek Israel til nåde att**

**14** Difor vil eg lokka henne, føra henne ut i ørkenen og tala til hjartet hennar.

**15** Der vil eg gje henne vingardane tilbake, og Akor-dalen skal bli ein port til von. Der skal ho svara som i ungdomsdagane, som då ho drog opp frå Egypt.

**16**Og den dagen, seier Herren, skal ho kalla meg «Min mann». Ho skal ikkje lenger kalla meg «Min Baal».

**17** Eg vil fjerna Baal-namna frå munnen hennar, dei skal ikkje nemnast med namn meir.

**18** Den dagen vil eg gjera ei pakt for dei med villdyra på marka, fuglane under himmelen og krypet på jorda. Boge, sverd og krigsvåpen vil eg bryta sund og utrydda frå landet, og eg vil la dei bu trygt.

**19** Eg vil binda meg til deg for alltid. Eg vil binda meg til deg i rettferd og rett, i kjærleik og miskunn.

**20**Eg vil binda meg til deg i truskap, og du skal kjenna Herren.

**21**Den dagen vil eg svara, seier Herren, eg vil svara himmelen, og han skal svara jorda.

**22** Jorda skal svara kornet, den nye vinen og den fine oljen, og dei skal svara Jisreel.

**23** Eg vil så henne ut i landet mitt og miskunna meg over Lo Ruhamá. Til Lo Ammí vil eg seia: «Du er mitt folk.» Og han skal svara: «Min Gud!»

## **Hosea 3**

### **Utruskap og fråfall**



<sup>1</sup> Og Herren sa til meg: «Gå endå ein gong bort og elsk ei kvinne som er elskarinna til ein annan og bryt ekteskapet, slik Herren elsker israelittane, endå dei vender seg til andre gudar og elsker rosinkaker!»

<sup>2</sup> Så kjøpte eg henne for femten sjekel sølv og ein homer bygg og ein letek bygg.

<sup>3</sup> Og eg sa til henne: «I mange dagar skal du bu hos meg, utan å driva hor og utan å ha omgang med nokon mann, og heller ikkje eg med deg.»

<sup>4</sup> For i mange dagar skal israelittane bu utan konge og hovding, utan offer og utan steinstøtte, utan efod og terafar.

<sup>5</sup> Sidan skal israelittane venda om og søkja Herren, sin Gud, og David, sin konge. Skjelvande skal dei koma til Herren og dei gode gåvene hans i dagar som kjem.

## Hosea 4

### Herrens klagemål mot eit trulaust folk

<sup>1</sup> Høyr Herrens ord, de Israels born! Herren fører sak mot dei som bur i landet. For det er ingen truskap og ingen kjærleik og ingen kjennskap til Gud i landet.

<sup>2</sup> Forbanning og løgn og drap og tjuveri og ekteskapsbrot breier om seg, med blod følgjer meir blod.

<sup>3</sup> Difor skal landet sørgja, og kvar den som bur der, skal tørka bort saman med dyra på marka og fuglane under himmelen, sjølv fiskane i havet skal utryddast.

<sup>4</sup> Men ingen må føra sak eller gå i rette med nokon. Folket ditt liknar slike som fører sak mot ein prest.

<sup>5</sup> Du skal snubla om dagen, og sjølv profeten skal snubla saman med deg om natta, og mor di gjer eg ende på.

<sup>6</sup> Folket mitt skal gå til grunne av mangel på kunnskap. Sidan du har vraka kunnskapen, vrakar eg deg som min prest. Du gløynde din Guds lov, difor gløymer eg òg dine born.

<sup>7</sup> Jo fleire dei vart, dess meir synda dei mot meg, deira ære skal eg byta ut med skam.

<sup>8</sup> Dei lever av mitt folks synd og lengtar etter deira skuld.

<sup>9</sup> Difor skal det gå med presten som med folket, eg vil straffa han for hans ferd og gjengjelda det han har gjort.

<sup>10</sup> Dei skal eta og ikkje bli mette, hora og ikkje bli mange. Herren har dei forlate for å gje seg over til

<sup>11</sup> hor, gammal og ny vin tek over hjartet.

<sup>12</sup> Folket mitt spør sitt tre til råds og får svar av sin stukk. For ei horeånd har ført dei vill, dei har hora seg bort frå sin Gud.

<sup>13</sup> På fjelltoppane ofrar dei, på haugane tenner dei offereld under eiker, poplar og terebinter, for skuggen av dei er god. Difor driv døtrene dykkar hor, og svigerdøtrene bryt ekteskapet.

<sup>14</sup> Eg vil ikkje straffa døtrene dykkar fordi dei driv hor, eller svigerdøtrene fordi dei bryt ekteskapet, for mennene går avsides med horer og ofrar saman med tempelprostituerte kvinner. Eit folk utan innsikt vil falla.

<sup>15</sup> Sjølv om du driv hor, Israel, må ikkje Juda føra skuld over seg! Gå ikkje til Gilgal, dra ikkje opp til Bet-Aven og sver ikkje: «Så sant Herren lever!»

<sup>16</sup> For Israel er trassig som ei trassig ku. No skal Herren gjeta dei som lam i ope lende.

<sup>17</sup> Efraim er bunden til gudebilete, lat han vera!

<sup>18</sup> Når drikkinga deira er over, horar dei vidare. Dei elsker vilt. Skam er skjolda hennar.

<sup>19</sup> Ein vind skal gripa henne med sine venger, dei skal bli til skamme med sine offer.

## Hosea 5

### Dommen gjeld dykk

<sup>1</sup> Høyr dette, de prestar, og lytt, du Israels hus, du kongehus, vend øyret til! Dommen gjeld dykk! For de har vorte ei snare for Mispa, eit utspent nett på Tabor

<sup>2</sup> og ei djup fallgrav i Sjittim. Men eg vil tukta dei alle.

<sup>3</sup> Eg kjenner Efraim, og Israel er ikkje løynt for meg. For no har du drive hor, Efraim, Israel har gjort seg urein.

<sup>4</sup> Gjerningane deira hindrar dei frå å venda om til sin Gud. For dei har ei horeånd i seg, og Herren kjenner dei ikkje.

<sup>5</sup> Israels hovmod vitnar mot han. Israel og Efraim skal snubla i si skuld. Juda òg skal snubla med dei.

<sup>6</sup> Når dei kjem med sitt småfe og storfe for å søkja Herren, finn dei han ikkje. Han har vendt seg bort frå dei.

<sup>7</sup> Dei har vore trulause mot Herren, for dei har fått born som ikkje er hans. No skal nymånen eta opp både dei og det dei eig.

### Herren er som ei løve

<sup>8</sup> Lat hornet gjalla i Gibeaa, blås i trompet i Rama, lyft hærrop i Bet-Aven! Dei er etter deg, Benjamin!

<sup>9</sup> Efraim skal leggjast øyde den dagen straffa kjem, mellom Israels stammar har eg kunngjort det som står fast.

<sup>10</sup> Judas stormenn liknar slike som flytter grensesteinar, over dei vil eg ausa ut harmen min som vatn.

<sup>11</sup> Efraim er undertrykt, retten er knust, for han gav seg til å følgja det som ingenting er.

<sup>12</sup> Eg er som møll for Efraim, som røte for Judas hus.

<sup>13</sup> Og Efraim såg sin sjukdom og Juda sitt sår. Då gjekk Efraim til Assur og sende bod til storkongen. Men han kan ikkje gjera dykk friske og ikkje lækja dykkar sår.

<sup>14</sup>Sanneleg, eg er som ei løve mot Efraim, som ei ungløve mot Judas hus. Eg, eg riv sund og går min veg, eg sleper bort, og ingen bergar.

<sup>15</sup> Eg vil venda attende til min stad til dess dei erkjenner si skuld og søker mitt andlet. I si naud skal dei leita etter meg.

## Hosea 6

### Den tredje dagen

<sup>1</sup> Kom, lat oss venda om til Herren! For han reiv sund, men vil gjera oss friske, han slo, men vil forbinda oss.

<sup>2</sup> Han gjer oss levande etter to dagar, den tredje dagen reiser han oss opp, så vi kan leva for hans andlet.

<sup>3</sup> Lat oss læra å kjenna Herren, lat oss jaga etter å kjenna han! Sikkert som soloppgangen kjem han, han kjem til oss lik regnet, lik vårregnet som væter jorda.

### Kva skal eg gjera med deg?

<sup>4</sup>Kva skal eg gjera med deg, Efraim? Kva skal eg gjera med deg, Juda? Kjærleiken dykkar er som ei morgonsky, lik dogg som tidleg blir borte.

<sup>5</sup> Difor har eg hogge dei ned ved profetane, drepe dei med ord frå min munn. Min dom skal gå opp som lyset.

<sup>6</sup> For eg vil ha kjærleik, ikkje slaktoffer, gudskjennskap framfor brennoffer.

<sup>7</sup> Dei braut pakta i Adam, der var dei trulause mot meg.

<sup>8</sup> Gilead er ein forbrytarby, full av blodspor.

<sup>9</sup> Presteflokken liknar røvarar som ventar på folk, dei myrdar på vegen til Sikem. Ja, skamlaus gjerning har dei gjort.

<sup>10</sup> I Israels hus har eg sett grufulle ting, der driv Efraim hor, der gjer Israel seg urein.

**11** Også for deg, Juda, er det fastsett ein haust.

### Israel sviktar

Når eg vender lagnaden for mitt folk,

### Hosea 7

**1** når eg gjer Israel frisk, då blir Efraims skuld avslørt, og Samarias vondskap. Dei fer med svik, tjuven bryt seg inn, røvarane herjar i gata.

**2** Dei seier ikkje til sitt hjarte at eg hugsar all deira vondskap. Men no er dei ringa inn av sine gjerningar, eg har dei for auge.

**3** Dei gleder kongen med sin vondskap og stormennene med løgnene sine.

**4** Alle er dei ekteskapsbrytarar, lik ein omn så heit at bakaren ikkje treng å fyra frå deigen er knadd og til han har heva seg.

**5** På vår konges dag gjer dei stormenn sjuke av heten frå vinen. Han rekkjer handa til spottarar.

**6** Hjartet deira liknar ein omn der dei ligg på lur. Heile natta søv harmen deira, om morgonen brenn han som logande eld.

**7** Alle er dei heite som ein omn, dei et dommarane sine. Alle kongane deira er falne, ingen av dei kallar på meg.

**8** Efraim blandar seg med folka. Efraim har vorte ein brødleiv som ikkje er snudd.

**9** Framande har ete krafta hans, men han veit det ikkje. Han er alt overstrødd med grått hår, men han veit det ikkje.

**10** Israels hovmod vitnar mot han, men dei vender ikkje om til Herren sin Gud, dei søkjer han likevel ikkje.

**11** Efraim har vorte som ei due, godtruande og utan forstand. Dei kallar på Egypt, dei dreg til Assur.

**12** Når dei dreg, kastar eg nettet mitt over dei, eg dreg dei ned som himmelens fuglar, eg fangar dei når eg høyrer flokken deira.

<sup>13</sup> Ve dei, for dei rømde frå meg! Død over dei, for dei braut med meg! Eg ville løysa dei ut, men dei tala løgn mot meg.

<sup>14</sup> Dei ropar ikkje til meg av hjartet, men jamrar seg der dei ligg, for korn og ny vin rispar dei seg opp. Dei vender seg bort frå meg.

<sup>15</sup> Eg lærte dei opp, og eg gav armane deira styrke, men dei tenkte ut vondt mot meg.

<sup>16</sup> Dei vender om, men ikkje til meg, dei har vorte som ein slakk boge. Stormennene deira skal falla for sverd på grunn av si hatske tunge. Dette fører spott over dei i Egypt.

## Hosea 8

### Israel gløymde skaparen sin

<sup>1</sup> Hornet til munnen! Som ei ørn over Herrens hus! For dei har brote mi pakt og synda mot mi lov.

<sup>2</sup> Dei ropar til meg: «Min Gud! Vi, Israel, kjenner deg!»

<sup>3</sup> Men Israel har forkasta det gode, fienden skal forfølgja dei.

<sup>4</sup> Dei valde seg kongar som ikkje er frå meg, valde seg hovdingar eg ikkje kjennest ved. Av sølvet og gullet sitt laga dei seg gudebilete. Difor skal dei utryddast.

<sup>5</sup> Kast ut kalven din, Samaria! Vreiden min logar mot dei. Kor lenge skal det vara før dei kan bli reine?

<sup>6</sup> Dei er då frå Israel! Men han er laga av ein handverkar, og nokon gud er han ikkje, sanneleg, til splintar skal han bli, Samaria-kalven!

<sup>7</sup> For vind sår dei, og storm skal dei hausta. Kornet skyt ikkje aks og gjev dei ikkje mjøl, og gjev det mjøl, et framande det opp.

<sup>8</sup> Israel er oppeten, no er dei lik eit kar som ingen bryr seg om mellom folka.

<sup>9</sup> For dei fór bort til Assur lik eit einsleg villesel. Efraim kjøper seg kjærleik.

<sup>10</sup>Sjølv om dei kjøpslår med folka, vil eg no driva dei saman. Dei skal vri seg ei lita stund under storkongens bør.

<sup>11</sup>Efraim har laga seg mange altar til syndoffer, altar som har vorte til synd for han.

<sup>12</sup>Skriv eg mine mange lover, blir dei rekna for noko framandt.

<sup>13</sup>Som offergåver til meg ofrar dei kjøt og et det. Herren bryr seg ikkje om dei. No vil han hugsa skulda deira og straffa syndene deira. Dei må attende til Egypt.

<sup>14</sup>Israel gløymde sin skapar og bygde seg slott, Juda bygde mange festningsbyar. Men eg vil senda eld mot byane hans, han skal eta borgene deira.

## Hosea 9

### Gjengjeldinga kjem

<sup>1</sup>Gled deg ikkje, Israel! Jubla ikkje som folkeslaga! For du har hora deg bort frå din Gud. Du tok gjerne imot betaling på alle korntreskjeplassar.

<sup>2</sup>Treskjeplass og vinpresse skal ikkje fø dei, den nye vinen skal svikta dei.

<sup>3</sup>Dei skal ikkje få bu i Herrens land. Efraim skal attende til Egypt, og i Assur skal dei eta urein mat.

<sup>4</sup>Dei skal ikkje ofra vin til Herren, slaktoffera deira kan ikkje gleda han. Det skal vera som sørgjebrød for dei, alle som et det, blir ureine. For brødet sitt har dei for seg sjølve, det kjem ikkje til Herrens hus.

<sup>5</sup>Kva vil de gjera på høgtidsdagen, på Herrens festdag?

<sup>6</sup>Sjå, dreg dei bort frå øydelegginga, skal Egypt samla dei saman, Memfis gravleggja dei. Nesler skal løyna deira skattar av sølv, tornekratt skal veksa i telta deira.

<sup>7</sup>Dagane for straff er komne, dagane for gjengjelding er komne, det skal Israel få merka. «Profeten er ein dåre, åndsmannen er utan vit!» Ja, fordi di skuld er så stor og din fiendskap så sterk!

<sup>8</sup> Profeten er Efraims vaktar, saman med min Gud, men snarer er det på alle vegane hans, fiendskap i huset til hans Gud.

<sup>9</sup> Dei har vorte like djupt forderva som i Gibeas dagar. Han skal hugsa skulda deira og straffa syndene deira.

### **Efraim skal ikkje lenger bera frukt**

<sup>10</sup> Eg fann Israel som druer i ørkenen, eg såg fedrane dykkar som tidleg frukt på fikentreet. Men då dei kom til Baal-Peor, vigde dei seg til skamma og vart like motbydelege som han dei elska.

<sup>11</sup> Efraims herlegdom flyg bort som ein fugl. Ingen føder, ingen er gravide, og ingen blir med barn.

<sup>12</sup> Jamvel om dei fostrar born, skal eg ta frå dei kvart einaste eitt. Ja, ve dei når eg går bort frå dei!

<sup>13</sup> Efraim er planta i ei eng, det er som eg såg bort til Tyros. Men Efraim må føra sine born ut til han som drep.

<sup>14</sup> Gjev dei, Herre! Kva skal du gje? Gjev dei morsliv som mistar barnet, og bryst som tørkar inn.

<sup>15</sup> All deira vondskap viste seg i Gilgal, der la eg dei for hat. Fordi dei har gjort så mykje vondt, vil eg driva dei ut av mitt hus. Eg kan ikkje elska dei lenger, alle førarane deira er opprørarar.

<sup>16</sup> Efraim er slegen, rota deira har vorte tørr, dei skal ikkje lenger bera frukt. Og sjølv om dei føder, vil eg drepa deira dyre livsfrukt.

<sup>17</sup> Min Gud skal forkasta dei fordi dei ikkje har høyrte på han. Dei skal flakka omkring mellom folka.

## **Hosea 10**

### **Israel skal bli til skamme**

<sup>1</sup> Israel var ein frodig vinstokk som bar mykje frukt. Jo meir frukt, dess fleire altar. Jo betre land, dess betre steinstøtter.



- <sup>2</sup>Sleipt er hjartet deira, no må dei ta på seg skulda. Han skal bryta ned altara deira og slå sund steinstøttene.
- <sup>3</sup>No må dei seia: «Vi har ingen konge, for vi har ikkje frykta Herren. Og kongen, kva kan han gjera for oss?»
- <sup>4</sup>Dei har tala tomme ord, svore falskt og gjort pakter. Retten blømer som giftplanter i plogførene.
- <sup>5</sup>Dei som bur i Samaria, er redde kalven i Bet-Aven. Folket hans sørgjer over han, og avgudsprestane klagar, for hans herlegdom er bortført.
- <sup>6</sup>Han skal òg førast til Assur som gåve til storkongen. Skam skal Efraim få, Israel skal bli til skamme på grunn av planane sine.
- <sup>7</sup>Samaria skal gå til grunne, kongen skal bli som ein kvist på vatnet.
- <sup>8</sup>Avens offerhaugar skal utslettast, Israels synd. Torn og tistel skal veksa opp over altara deira. Dei skal seia til fjella: Løyn oss! og til haugane: Fall over oss!
- <sup>9</sup>Frå Gibeas dagar har du synda, Israel. Der har dei vorte ståande. Skulle ikkje krigen nå dei i Gibeas? Eg vil koma over ugjerningsmennene
- <sup>10</sup>for å tukta dei. Folkeslag skal samla seg mot dei når dei blir tukta for si doble skuld.
- <sup>11</sup>Efraim var ei tamd kvige som gjerne ville treskja, og eg sparte den vakre nakken hennar. No vil eg spennast Efraim for, Juda skal pløya og Jakob harva.
- <sup>12</sup>Så med rettferd, haust med kjærleik, bryt dykk nybrot! For no er det tid for å søkja Herren, inntil han kjem og lèt rettferd regna over dykk.
- <sup>13</sup>De har pløgd ned urett og hausta vondskap og ete frukta av løgn. For du stola på din eigen veg og på alle krigarane dine.
- <sup>14</sup>Difor skal krigslarm reisa seg i folket ditt, og alle borgene dine skal øydeleggjast, slik Sjalman øydela Bet-Arbel på stridens dag, då mor og born vart knuste.

<sup>15</sup> Slik vil eg gjera med dykk i Betel fordi vondskapen dykkar er stor. Når dagen gryr, er det ute med Israels konge.

## Hosea 11

### Guds kjærleik til Israel

- <sup>1</sup> Då Israel var ung, fekk eg han kjær, frå Egypt kalla eg son min.
- <sup>2</sup> Men jo meir eg ropa på dei, dess meir gjekk dei bort frå meg. Dei ofra til Baal-gudane, tende offereld for gudebilette.
- <sup>3</sup> Det var eg som lærte Efraim å gå og tok dei på armen. Men dei skjøna ikkje at eg gjorde dei friske.
- <sup>4</sup> Eg drog dei med menneskeband, med kjærleiks tau. Eg var lik ein som lyfter eit spedbarn opp til kinnet, eg bøygde meg ned og gav dei mat.
- <sup>5</sup> Dei skal ikkje venda attende til Egypt, men Assur skal vera kongen deira, for dei nekta å venda om.
- <sup>6</sup> Sverdet skal rasa i byane deira, bryta sund bommane og eta om seg for deira planar skuld.
- <sup>7</sup> Folket mitt heng fast ved sitt fråfall frå meg. Dei ropar saman til han som er i det høge, men han reiser dei ikkje opp.
- <sup>8</sup> Korleis kan eg oppgje deg, Efraim, overgje deg, Israel? Korleis kan eg oppgje deg som Adma, gjera med deg som med Sebojim? Hjartet vender seg i meg, all mi medkjensle vaknar.
- <sup>9</sup> Eg vil ikkje følgja min brennande vreide, ikkje øydeleggja Efraim ein gong til. For eg er Gud og ikkje eit menneske, heilag midt imellom dykk. Eg vil ikkje koma med redsle.
- <sup>10</sup> Herren skal dei følgja, som ei løve skal han brøla. Når han brøler, skal borna hans koma skjelvande frå vest.
- <sup>11</sup> Skjelvande skal dei koma som ein fugl frå Egypt, som ei due frå Assur. Eg vil la dei bu i husa sine, seier Herren.

## Hosea 12

### Herren vil straffa Jakob

<sup>1</sup> Efraim har omringa meg med løgn, Israels hus med svik. Men Juda held seg enno til Gud og er trufast mot Den heilage.

<sup>2</sup> Efraim gjeter vind, jagar heile dagen etter austavind. Han hopar opp løgn og vald. Dei gjer pakt med Assur og sender olje til Egypt.

<sup>3</sup> Herren fører sak med Juda, han vil straffa Jakob for hans ferd, gjengjelda det han har gjort.

<sup>4</sup> I mors liv heldt han bror sin i hælen, som vaksen kjempa han med Gud,

<sup>5</sup> han kjempa med engelen og vann, han gret og bad om nåde. I Betel møter Gud han, og der talar han med oss.

<sup>6</sup> Herren, allhærs Gud, Herren er hans namn.

<sup>7</sup> Og du skal venda attende ved hjelp av din Gud. Hald fast på kjærleik og rett, ha alltid von til din Gud!

<sup>8</sup> Kanaan har falske vekter i handa, han elsker å utnytta andre,

<sup>9</sup> og Efraim seier: «Eg har då vorte rik og har fått meg eigedom, men i all rikdomen min er eg ikkje funnen skuldig i noko som er synd.»

<sup>10</sup> Men eg er Herren din Gud, heilt frå Egypt. Enno vil eg la deg bu i telt som den gongen eg møtte deg.

<sup>11</sup> Eg vil tala til profetane. Eg lét dei få syn i mengd, og no vil eg tala i likningar gjennom dei.

<sup>12</sup> Er Gilead ugudeleg, skal dei bli til inkjes. Ofrar dei oksar i Gilgal, skal altara deira bli som steinrøysar langs åkeren.

<sup>13</sup> Jakob rømde til Aram-landet, Israel tente for å få seg ei kone, for ei kone vakta han småfe.

<sup>14</sup> Ved ein profet førte Herren Israel opp frå Egypt, og ved ein profet vakta han dei.

<sup>15</sup> Efraim har vekt bitter harme. Herren skal la hans blodskuld koma over han sjølv og gje han att for hans spott.

## Hosea 13

### Når øydelegginga kjem

<sup>1</sup> Når Efraim tala, tok redsla alle, han var ein fyrste i Israel. Men han førte skuld over seg ved Baal og døydde.

<sup>2</sup> Og no held dei fram med å synda; av sølvet sitt har dei støypt seg bilete, gudebilete etter sitt eige hovud, alt saman laga av handverkarar. Folk seier om dei: «Dei som ofrar menneske, kysser kalvar.»

<sup>3</sup> Difor skal dei bli som morgondisen, lik dogg som tidleg blir borte, lik agner som blæs bort frå treskjeplassen, lik røyk frå ljoren.

<sup>4</sup> Eg er Herren din Gud, heilt frå Egypt. Nokon annan gud enn meg kjenner du ikkje, det finst ingen annan frelsar enn eg.

<sup>5</sup> Eg tok meg av deg i ørkenen, i det tørre landet.

<sup>6</sup> Dei beitte og vart mette. Då dei var mette, vart dei hovmodige, difor gløymde dei meg.

<sup>7</sup> Eg har vorte mot dei som ei løve, lik ein leopard lurar eg ved vegen.

<sup>8</sup> Eg vil koma over dei som ei binne dei har teke ungane frå, og riva opp brystet på dei. Eg vil eta dei opp som ei løve; dei ville dyra skal slita dei sund.

<sup>9</sup> Når øydelegginga kjem, Israel, kven skal hjelpa deg då?

<sup>10</sup> Kvar er då kongen din som kan berga deg i alle byane dine, og kvar er dommarane dine? Du har jo sagt: «Gjev meg konge og hovdingar!»

<sup>11</sup> Eg gjev deg ein konge i min vreide, og i min harme tek eg han bort.

<sup>12</sup> Efraims skuld er samla opp, synda hans er gøymd.

<sup>13</sup> Når fødselsriene kjem, er han eit barn utan forstand. Når tida er der, kjem han ikkje fram til livmormunnen.

<sup>14</sup> Skal eg fria dei frå dødsrikets makt, løysa dei ut frå døden? Død, kvar er din pest? Dødsrike, kvar er di sott? Medkjensle er løynd for auga mine.

<sup>15</sup> Ja, han skil brør frå kvarandre. Det kjem ein austavind, eit Herrens vêt som blæs opp frå ørkenen. Då blir brønnen hans tom og kjelda tørr. Han plyndrar skattkammeret for alle dyre ting.

## Hosea 14

<sup>1</sup> Samaria skal bøta fordi ho var trassig mot sin Gud. Dei skal falla for sverd, småborna deira skal knusast, og kvinnene som ventar barn, skal skjerast opp.

### Eg vil lækja deira fråfall

<sup>2</sup> Vend om, Israel, til Herren din Gud, for du har snubla i di skuld.

<sup>3</sup> Ta ord med dykk og vend om til Herren, sei til han: «Tilgjev all skuld og ta imot det gode, så vil vi betala med frukta av leppene våre.

<sup>4</sup> Assur vil ikkje hjelpa oss, vi skal ikkje ri på hestar, og vi vil ikkje lenger seia: Vår gud! til det våre hender har gjort. Hos deg finn den farlause miskunn.»

<sup>5</sup> Eg vil lækja deira fråfall, og eg vil elska dei av hjartet, for min vreide har vendt seg frå dei.

<sup>6</sup> Eg vil vera som dogg for Israel. Han skal bløma som ei lilje og røta seg som trea på Libanon

<sup>7</sup> og breia greinene sine utover. Han skal vera fager som oliventreet og anga som skogen på Libanon.

<sup>8</sup> Igjen skal dei bu i hans skugge, dei skal dyrka korn og bløma som vinstokken. Hans namn skal bli som vinen frå Libanon.

<sup>9</sup> Kva har vel Efraim med gudebilete å gjera? Det er eg som svarar han og ser til han. Eg er som ein grøn sypress, frå meg skal frukta di koma.

<sup>10</sup> Kven er så vis at han forstår dette, forstandig nok til å skjønna det? Ja, Herrens vegar er rette, dei rettferdige vandrar på dei, men syndarane snublar.

## Joel

### Joel 1

#### Grashoppene

- <sup>1</sup>Herrens ord som kom til Joel, son til Petuel.
- <sup>2</sup>Høyr dette, de eldste, og lytt, alle som bur i landet! Har slikt hendt før i dykkar dagar eller i dagane til fedrane dykkar?
- <sup>3</sup>Dette skal de fortelja til borna dykkar og dei til borna sine og deira born til ei slekt som kjem.
- <sup>4</sup>Det som var att etter den tyggjande grashoppa, åt den svermande, det som var att etter den svermande, åt den hoppande, det som var att etter den hoppande, åt den gnagande grashoppa opp.
- <sup>5</sup>Vakna, de drukne, og gråt! Klag, alle de som drikk vin, over druesaft munnen ikkje fekk smaka.
- <sup>6</sup>For eit folk har drege opp mot landet mitt, mektig og utan tal. Tenner har dei som ei løve og kjevar som ei løvinne.
- <sup>7</sup>Dei øydela vinstokkane mine og knekte fikentrea, flekte av, slengde bort, greinene vart kvite.
- <sup>8</sup>Klag som ei sørgjekledd jomfru klagar over sin ungdoms brudgom!
- <sup>9</sup>Grødeoffer og drikkoffer finst ikkje lenger i Herrens hus, prestane, Herrens tenarar, sørgjer.
- <sup>10</sup>Åkeren er øydelagd, jorda sørgjer, for kornet er øydelagt, vinen tørka inn, oljen er borte.
- <sup>11</sup>Bøndene blir til skamme, og vindyrkarane klagar over kveite og bygg, for grøda på åkeren er tapt.
- <sup>12</sup>Vinstokken er tørka inn, fikentreet visna, granateple, palme og apal, kvart tre på marka er tørt. Mellom menneska er gleda tørka inn.

**13** Kled dykk til klage, prestar! Skrik, de som tener ved altaret! Gå inn og vak i sekkestrie, de som tener min Gud. For grødeoffer og drikkoffer blir haldne borte frå dykkar Guds hus.

**14** Rop ut ei heilag faste, kunngrer ei høgtidssamling! Kall saman dei eldste, alle som bur i landet, i Herren dykkar Guds hus og rop til Herren!

**15** Å, for ein dag! Ja, nær er Herrens dag, han kjem med vald frå Den veldige.

**16** Vart ikkje maten borte for auga våre, glede og jubel frå vår Guds hus?

**17** Såkornet har tørka under jordskorpa, bingane er tomme, låvane rivne, for kornet er tørka inn.

**18** Kor buskapen rautar! Bølingar streifar omkring, for dei har ikkje beite. Sjølv saueflokkane må lida.

**19** Til deg, Herre, ropar eg. For elden har ete opp beita i øydemarka, flammar har svidd av kvart tre på marka.

**20** Sjølv villdyra skrik til deg, for bekkefara er tørka ut og elden har ete opp beita i øydemarka.

## Joel 2

### Herrens dag

**1** Blås i horn på Sion og lyft hærrop på mitt heilage fjell så alle i landet skjelv! For Herrens dag kjem, han er nær,

**2** ein dag med mørker og dimme, ein dag med skyer og skodde. Eit stort og mektig folk breier seg ut som morgonrøden over fjellet. Det har aldri hatt sin like i tider som var, og vil aldri få det i år som kjem, så lenge slekt følgjer slekt.

**3** Elden et opp framfor dei, og etter dei sleikjer flammen, landet framfor dei er som Edens hage, etter dei er ein aud ørken, ingen slepp unna.

**4** Som hestar er dei å sjå til, som hingstar spring dei fram,

<sup>5</sup>som krigsvogner over fjella skramlar dei fram, lik eld som sprakar i halmen, lik eit sterkt folk rusta til krig.

<sup>6</sup>Folkeslag skjelv for dei, kvart andlet blir raudt.

<sup>7</sup>Som krigarar rusar dei fram, som stridsmenn stormar dei murar. Kvar mann går strake vegen fram og bøyer ikkje av frå stigen.

<sup>8</sup>Dei pressar ikkje kvarandre bort, kvar mann held sin plass, mellom kastespyd rusar dei fram og lèt seg ikkje stansa.

<sup>9</sup>Dei fer inn i byen, dei stormar opp på muren, dei trengjer inn i husa, gjennom vindauga går dei som tjuvar.

<sup>10</sup>Jorda skjelv framfor dei, og himmelen rister. Sol og måne svartnar, og stjernene mistar sin glans.

<sup>11</sup>Herren hevar røysta framfor sin hær, for veldig er hæren hans, og mektige er dei som lyder hans ord. Ja, stor og skremmande er Herrens dag, kven kan halda han ut?

#### **Vend om, for Gud er nådig**

<sup>12</sup>Men sjølv no, seier Herren, vend om til meg av heile dykkar hjarte, med faste og gråt og klage.

<sup>13</sup>Riv hjartet sund, ikkje kleda! Vend om til Herren dykkar Gud! For han er nådig og mild, sein til vreide og rik på miskunn, og han kan angra på ulukka.

<sup>14</sup>Kven veit om han vender om og angrar og legg velsigning etter seg – grødeoffer og drikkoffer for Herren dykkar Gud.

<sup>15</sup>Blås i horn på Sion, rop ut ei heilag faste, kunngjer høgtidssamling!

<sup>16</sup>Kall folket saman, helga forsamlinga! Lat dei gamle samlast, og lat småborn og spedborn koma saman. Lat brudgomen gå ut frå sitt rom og brura ut frå sitt kammer!

<sup>17</sup>Mellom forhall og altar skal prestane, Herrens tenarar, gråta og seia: «Herre, spar ditt folk, gjer ikkje din eigedom til spott så folkeslag får rå over dei! Kvifor skal dei seia mellom folka: Kvar er deira Gud?»



**18**Då vart Herren fylt av lidenskap for sitt land og viste medkjensle med folket sitt.

**19**Og Herren svara sitt folk: Sjå, eg vil senda dykk korn, ny vin og fin olje så de kan bli mette. Aldri meir skal eg gjera dykk til spott mellom folka.

**20** Fienden frå nord vil eg driva langt bort frå dykk og jaga til eit tørt og audt land, hans fortropp til havet i aust, hans baktropp til havet i vest. Stanken av han skal stiga opp, den vonde lukta hans skal stiga opp. Ja, storverk har han gjort.

**21**Ver ikkje redd, du åkerjord, fryd deg og ver glad! For Herren har gjort storverk.

**22** Ver ikkje redde, de dyr på marka, for beita i øydemarka grønkast og trea gjev si frukt, fikentre og vinstokk ber rikt.

**23** Fryd dykk, Sions born, gled dykk i Herren dykkar Gud! For han gjev dykk regn i rett tid, han lèt regnet falla som før, både haust og vår.

**24** Kvar treskjeplass fyllest med korn, pressekummane renn over av ny vin og fin olje.

**25** Eg gjev dykk att for åra då den svermande, den hoppande, den gnagande og den tyggjande grashoppa åt, min store hær som eg sende mot dykk.

**26**De skal eta og bli mette og prisa namnet til Herren dykkar Gud, som har stelt så underfullt med dykk. Folket mitt skal aldri bli til skamme.

**27** De skal kjenna at eg er midt i Israel. Eg er Herren dykkar Gud, og ingen annan. Folket mitt skal aldri bli til skamme.

## Joel 3

### Lovnaden om Anden

**1** Ein gong skal det henda at eg auser ut min Ande over alle menneske. Sønene og døtrene dykkar skal profetera, dei gamle skal drøyma draumar, og dei unge skal sjå syn.

**2**Sjølv over slavar og slavekvinner vil eg ausa ut min Ande i dei dagane.

<sup>3</sup>Eg set varsel på himmel og jord, blod og eld og røyksøyler.

<sup>4</sup>Sola blir omskapt til mørker og månen til blod før Herrens dag kjem, den store og skremmande.

<sup>5</sup>Då skal kvar den som kallar på Herrens namn, bli berga. For på Sion-fjellet og i Jerusalem skal det finnast berging, som Herren har sagt. Og mellom dei overlevande er dei som Herren kallar.

#### Herrens dom over folka

<sup>6</sup>For sjå, i dei dagane og på den tida, når eg vender lagnaden for Juda og Jerusalem,

<sup>7</sup>då vil eg samla alle folkeslag og føra dei ned i Josjafat-dalen. Der vil eg halda rettargang med dei om Israel, mitt folk og min eigedom, som dei spreidde mellom folka. Dei delte landet mitt

<sup>8</sup>og kasta lodd om folket mitt, dei gav ein gut for ei hore og selde ei jente for vin, og den drakk dei opp.

<sup>9</sup>Så, kva vil de meg, Tyros og Sidon og alle filistarbygder? Vil de ta igjen for noko eg har gjort? Gjer de meg noko vondt, skal eg straks la det koma over dykkar eige hovud,

<sup>10</sup>for de tok sølvet og gullet mitt og førte bort mine dyraste skattar til dykkar eigne tempel,

<sup>11</sup>de selde folket i Juda og Jerusalem til jonarane for å føra dei langt bort frå landet sitt.

<sup>12</sup>Sjå, no vekkjer eg dei frå staden de har selt dei til, og lèt det de har gjort, koma over dykkar eige hovud.

<sup>13</sup>Og eg vil la judearane selja sønene og døtrene dykkar. Dei skal selja dei til sabearane, eit folk langt borte. For Herren har tala.

<sup>14</sup>Rop dette ut mellom folka, lys heilag krig, vekk krigarane! Lat alle stridsmenn møta fram og dra ut!

**15** Smi plogskjera om til sverd og vingardsknivane til spyd! Den veike skal seia: «Eg er ein helt.»

**16**Skund dykk og kom! Kom saman, alle folkeslag, frå alle kantar, Herre, før dine krigarar ned!

**17**Folkeslaga skal bryta opp og fara til Josjafat-dalen, for der vil eg sitja til doms over folk frå alle kantar.

**18** Send sigden ut, for hausten er mogen, kom og trakk, for vinpressa er full, pressekummane fløymer over, for vondskapen deira er stor.

**19** Larm og atter larm i Dommens dal, for Herrens dag er nær i Dommens dal.

**20** Sol og måne svartnar, og stjernene mistar sin glans.

### **Herren bur på Sion**

**21** Herren skal brøla frå Sion, la røysta ljoma frå Jerusalem, himmel og jord skal skjelva. Men Herren er eit vern for sitt folk, ei borg for Israels born.

**22** Då skal de kjenna at eg er Herren dykkar Gud som bur på Sion, mitt heilage fjell. Jerusalem skal vera ein heilag stad, der skal framande aldri meir koma inn.

**23** Den dagen skal det skje at fjella dryp av druesaft og haugane fløymer med mjølk, og i alle bekkefar i Juda skal det renna vatn. Ei kjelde skal vella fram frå Herrens hus og vatna Akasiedalen.

**24**Egypt skal bli til ei øydemark og Edom til ein aud ørken på grunn av valdsverket mot judearane, fordi dei spilte skuldlaust blod i sine land.

**25**Men i Juda skal det alltid bu folk, og i Jerusalem slekt etter slekt.

**26** Eg vil hemna deira blod og ikkje spara dei skuldige. Herren bur på Sion.

## Amos

### Amos 1

<sup>1</sup> Ord av Amos, ein sauebonde frå Tekoa, det han såg om Israel i dei dagane då Ussia var konge i Juda og Jeroboam, son til Joasj, var konge i Israel, to år før jordskjelvet.

#### Dom over grannefolka

<sup>2</sup> Han sa: Herren brøler frå Sion, frå Jerusalem ljomar røysta hans. Beitemarkene til gjetarane skal sørgja, Karmels topp skal tørka.

<sup>3</sup> Så seier Herren: Tre ugjerningar av Damaskus, ja, fire – eg held det ikkje tilbake! For dei treskte Gilead med jerntaggar.

<sup>4</sup> Eg sender eld mot Hasaels hus, han skal øyda Ben-Hadads borger.

<sup>5</sup> Eg bryt sund portbommen i Damaskus, ryddar ut han som tronar i Aven-dalen, og han som ber septer i Bet-Eden. Folket i Aram skal i eksil til Kir, seier Herren.

<sup>6</sup> Så seier Herren: Tre ugjerningar av Gaza, ja, fire – eg held det ikkje tilbake! For dei dreiv alle i eksil og gav dei over til Edom.

<sup>7</sup> Eg sender eld mot muren kring Gaza, han skal øyda borgene hennar.

<sup>8</sup> Eg ryddar ut han som tronar i Asjdod, og han som ber septer i Asjkalon. Eg lyfter handa mot Ekron, og resten av filistrane skal gå til grunne, seier Herren Gud.

<sup>9</sup> Så seier Herren: Tre ugjerningar av Tyros, ja, fire – eg held det ikkje tilbake! For dei gav over til Edom alle som dei dreiv i eksil, dei kom ikkje pakta mellom brør i hug.

<sup>10</sup> Eg sender eld mot muren kring Tyros, han skal øyda borgene der.

<sup>11</sup> Så seier Herren: Tre ugjerningar av Edom, ja, fire – eg held det ikkje tilbake! For dei jaga brørne sine med sverd, dei viste inga miskunn. Dei heldt alltid fast på sin harme, vreiden vakta dei i det endelause.

<sup>12</sup> Eg sender eld mot Teman, han skal øyda borgene i Bosra.

<sup>13</sup> Så seier Herren: Tre ugjerningar av ammonittane, ja, fire – eg held det ikkje tilbake! For dei skar opp gravide i Gilead og utvida grensene sine.

<sup>14</sup> Eg set fyr på muren kring Rabba, eld skal øyda borgene der under kampropa på stridens dag, i stormen på uvêrsdagen.

<sup>15</sup> Då skal kongen deira gå i eksil saman med stormennene, seier Herren.

## **Amos 2**

<sup>1</sup> Så seier Herren: Tre ugjerningar av Moab, ja, fire – eg held det ikkje tilbake! For dei brende Edom-kongens knoklar til kalk.

<sup>2</sup> Eg sender eld mot Moab, han skal øyda borgene i Kerijot. Moab skal døye under krigslarm, under kamprop og hornstøytar.

<sup>3</sup> Eg ryddar ut dommaren der og drep stormennene med, seier Herren.

### **Dom over Juda og Israel**

<sup>4</sup> Så seier Herren: Tre ugjerningar av Juda, ja, fire – eg held det ikkje tilbake! For dei forakta Herrens lov, dei heldt ikkje hans forskrifter. Løgner førte dei vill, løgner som fedrane følgde.

<sup>5</sup> Eg sender eld mot Juda, han skal øyda borgene i Jerusalem.

<sup>6</sup> Så seier Herren: Tre ugjerningar av Israel, ja, fire – eg held det ikkje tilbake! For dei sel den rettferdige for pengar, den fattige for eit par sandalar.

<sup>7</sup> Dei trakk hovudet til dei svake ned i støvet og trengjer hjelpelause bort frå vegen. Ein mann og far hans går til same jenta så mitt heilage namn blir vanhelga.

<sup>8</sup> Dei breier seg på pantsette klede attmed kvart altar. Vin teken i bøter drikk dei i huset til sin Gud.

<sup>9</sup> Men det var eg som rydda ut amorittane for dei, dei som var høge som sedrar og sterke som eiker. Eg øydela frukta oppe og røtene nede.

<sup>10</sup> Det var eg som førte dykk opp frå Egypt og leidde dykk i øydemarka i førti år så de kunne ta amorittlandet.

<sup>11</sup> Eg lét nokre av sønene dykkar stå fram som profetar og nokre unge menn som nasirearar. Er det ikkje slik, israelittar? seier Herren.

<sup>12</sup> Men de skjenkte nasirearane vin og baud profetane: Tal ikkje profetord!

<sup>13</sup> Sjø, eg lét grunnen skaka under dykk som under ei vogn full av korn.

<sup>14</sup> Den raske er ikkje i stand til å flykta, den sterke kan ikkje bruka si kraft, og helten bergar ikkje livet.

<sup>15</sup> Bogeskyttaren held ikkje stand, den som er lett på foten, kjem seg ikkje unna, og rytteren bergar ikkje livet.

<sup>16</sup> Den djervaste helten skal rømme naken den dagen, seier Herren.

### Amos 3

#### Utveljing og ansvar

<sup>1</sup> Høyr dette ordet som Herren talar mot dykk, de israelittar, mot heile den slekta eg førte opp frå Egypt:

<sup>2</sup> Berre dykk ville eg kjennast ved mellom alle slektene på jorda. Difor vil eg straffa dykk for alle syndene dykkar.

#### Profetkallet tvingar

<sup>3</sup> Går vel to i lag utan å ha ein avtale?

<sup>4</sup> Brøler vel løva i skogen utan å ha eit bytte? Knurrar ungløva i hòla utan å ha fanga noko?

<sup>5</sup> Fell vel fuglen til jorda utan at ei felle er sett opp? Sprett snara frå marka utan at ho har fanga noko?

<sup>6</sup> Gjallar hornet i byen utan at folket skjelv? Skjer det ei ulukke i byen utan at Herren har gjort det?

<sup>7</sup> Nei, Herren Gud gjer ikkje noko utan å openberra sitt løynde råd for tenarane sine, profetane.

<sup>8</sup> Løva brøler – kven blir ikkje redd? Herren Gud talar – kven blir ikkje profet?

#### Dom over Samaria

<sup>9</sup> Lat det høyrast over borgene i Asjdod og over borgene i Egypt, og sei: Kom saman på fjella kring Samaria! Sjå den store forvirringa hos henne og undertrykkinga i byen!

<sup>10</sup> Dei veit ikkje å gjera det rette, seier Herren. Dei dyngjer opp vald og ran i borgene sine.

<sup>11</sup> Difor seier Herren Gud: Fienden skal omringa landet, riva ned festninga di, borgene skal plyndrast.

<sup>12</sup> Så seier Herren: Som gjetaren bergar to leggbein eller ein øyreflipp frå løvegapet, slik skal israelittane bergast, dei som sit i sofahjørne i Samaria og på divanar i Damaskus.

<sup>13</sup> Høyr og ver vitne mot Jakobs hus! seier Herren Gud, allhørs Gud.

<sup>14</sup> Ja, den dagen eg straffar Israel for syndene deira, lèt eg straffa råka altara i Betel. Altarhorna blir hogne av og fell til jorda.

<sup>15</sup> Då knuser eg både vinterhus og sommarhus. Elfenbeinshus skal gå til grunne og store bygningar siga i røys, seier Herren.

## Amos 4

### Mot dei rike kvinnene i Samaria

<sup>1</sup> Høyr dette ordet, de Basan-kyr på Samaria-fjellet, de som undertrykkjer småkårsfolk og knuser fattige, de som seier til mennene dykkar: «Hent noko å drikka!»

<sup>2</sup> Herren Gud har svore ved sin heilagdom: Sjå, dagar skal koma over dykk då de skal slepast bort med hakar og dei siste av dykk med fiskekrokar.

<sup>3</sup> Gjennom rivner i murane skal de gå ut, kvinne etter kvinne. De skal drivast bort til Hermon, seier Herren.

### Bu deg på å møta din Gud

<sup>4</sup> Far til Betel og synd, til Gilgal og synd til gagns! Kom med slaktoffer om morgonen og tiend den tredje dagen!

<sup>5</sup> Brenn takkoffer av syra brød, rop ut frivillig offer, lat det høyrast! For det er slik de likar å ha det, israelittar, seier Herren Gud.

<sup>6</sup> Eg lét dykk vera utan mat i munnen i alle byar og utan brød alle stader. Men de vende ikkje om til meg, seier Herren.

<sup>7</sup> Eg heldt regnet tilbake for dykk då det endå var tre månader til hausten. Eg lét det regna over éin by, men over ein annan lét eg det ikkje regna. Eitt jordstykke fekk regn, eit anna fekk ikkje regn og tørka ut.

<sup>8</sup> Både to og tre byar raga av stad til ein og same by for å drikkva vatn, utan å få sløkt tørsten. Men de vende ikkje om til meg, seier Herren.

<sup>9</sup> Eg slo dykk med kornsot og svartrust. Grashopper åt opp dei mange hagane og vinmarkene dykkar, fikentrea og oliventrea. Men de vende ikkje om til meg, seier Herren.

<sup>10</sup> Eg sende pest mot dykk som eg gjorde mot Egypt. Eg drap dei unge mennene med sverd. Hestane gav eg til hærfang. Eg lét stanken frå dykkar eigen leir stiga opp i nasen på dykk. Men de vende ikkje om til meg, seier Herren.

<sup>11</sup> Eg øydela dykk slik Gud la Sodoma og Gomorra øyde. De var som ei utbrend vedskie, raka ut av elden. Men de vende ikkje om til meg, seier Herren.

<sup>12</sup> Difor vil eg gjera slik mot deg, Israel! Og fordi eg vil gjera dette med deg, må du bu deg på å møta din Gud, Israel!

<sup>13</sup> For sjå, han som formar fjella og skaper vinden, han som fortel mennesket kva det tenkjer, han som skaper morgonrøde og mørker og fer fram over høgdena på jorda, Herren, allhørs Gud, er namnet hans.

## Amos 5

### Likklage over Israel

<sup>1</sup> Høyr dette ordet, Israels hus, ei likklage som eg stemmer i om dykk.



<sup>2</sup> Ho er fallen, ho reiser seg aldri meir, jomfru Israel. Ho ligg forlaten på eiga jord, ingen reiser henne opp.

<sup>3</sup> For så seier Herren Gud: Den byen som dreg ut med tusen mann, får hundre att, og den som dreg ut med hundre, får ti att i Israels hus.

#### **Søk Herren, så skal de leva**

<sup>4</sup> For så seier Herren til Israels hus: Søk meg, så skal de leva!

<sup>5</sup> Søk ikkje til Betel, gå ikkje til Gilgal, far ikkje til Beer-Sjeba. For Gilgal skal drivast i eksil, og Betel skal bli til inkjes.

<sup>6</sup> Søk Herren, så skal de leva! Elles kjem han som eld over Josefs hus, han øyder, og det er ingen i Betel til å sløkkja.

#### **Dom over stormenn**

<sup>7</sup> Dei gjer retten til malurt og kastar rettferda til jorda.

<sup>8</sup> Han som skapte Sjustjerna og Orion, han som gjer dødsskugge om til morgon og dagen til svarte natt, han som kallar på vatnet i havet og auser det ut over jorda, Herren er namnet hans.

<sup>9</sup> Han som lèt øyding lyna over borga; øyding kjem over festninga.

<sup>10</sup> Dei hatar den som hevdar retten i porten, og avskyr den som talar sant.

<sup>11</sup> De trakkar småkårsfolk ned og krev korn i avgift av dei. Difor: De har bygd hus av hoggen stein, men skal ikkje få bu i dei. De har planta herlege vinmarker, men får ikkje drikka vinen.

<sup>12</sup> For eg kjenner til dykkar mange brot og dei tallause syndene dykkar, de som forfølgjer rettferdige, tek stikkpengar og driv fattige vekk frå porten.

<sup>13</sup> Difor teier den kloke i denne tida, for det er ei vond tid.

#### **Søk det gode**

<sup>14</sup> Søk det gode og ikkje det vonde, så de får leva! Då skal Herren, allhærs Gud, vera med dykk, som de seier.

<sup>15</sup> Hat det vonde og elsk det gode, hald retten høgt i porten! Så vil kanskje Herren, allhærs Gud, vera nådig mot resten av Josef.

<sup>16</sup> Difor, så seier Herren, allhærs Gud, Herren: På alle torg skal det vera klage, i alle gater skal dei ropa: «Ve, ve!» Dei skal kalla på bonden til sorg og på folk som kan gråta, til klage.

<sup>17</sup>På alle vinmarker blir det klage når eg går fram mellom dykk, seier Herren.

### Herrens dag

<sup>18</sup> Ve dykk som lengtar etter Herrens dag! Kva vil de med Herrens dag? Han er mørker og ikkje lys.

<sup>19</sup> Han er lik ein mann som rømmer frå løva og møter bjørnen. Og når han kjem heim og støttar handa til veggen, bit ormen han.

<sup>20</sup> Ja, mørk er Herrens dag og ikkje lys, dyster og utan lysskin.

<sup>21</sup> Eg foraktar, ja, hatar festane dykkar, høgtidssamlingane held eg ikkje ut.

<sup>22</sup> For om de ber fram brennoffer eller grødeoffer, vil eg ikkje ha dei. Og fredsoffera dykkar med gjøkalvkjøtt vil eg ikkje sjå.

<sup>23</sup> Fri meg frå dei ståkande songane dine, eg vil ikkje høyra på harpespel!

<sup>24</sup> Lat rett vella fram som vatn og rettferd lik bekker som alltid strøymer.

<sup>25</sup> Bar de fram for meg slaktoffer og grødeoffer dei førti åra i ørkenen, Israels hus?

<sup>26</sup> Og bar de på Sakkut, kongen dykkar, og Kevan, gudestjerna, bileta som de har laga?

<sup>27</sup> Eg fører dykk i eksil bortanfor Damaskus, seier Herren. Allhærs Gud er namnet hans.

## Amos 6

### Ve dei sorglause på Sion

<sup>1</sup> Ve dei sorglause på Sion og dei trygge på Samarias fjell, dei gjævaste av det fremste folkeslaget, dei som Israels hus vender seg til.

<sup>2</sup> Far til Kalne og sjå, gå derifrå til Hamat-Rabba og far ned til Gat i Filistarland! Er de betre enn desse rika? Har dei eit større område enn de?

<sup>3</sup> De vil jaga ulukkedagen bort, men set vald i høgsetet.

<sup>4</sup> Dei ligg på elfenbeinsbenker og strekkjer seg på divanar, dei et lam frå saueflokken og gjøkalvar frå buskapen.

<sup>5</sup> Dei skrålar til harpespel som var dei David, og reknar instrumenta hans som sine.

<sup>6</sup> Dei drikk vin av offerskåler og salvar seg med den finaste olje, men lid ikkje under Josefs samanbrot.

<sup>7</sup> Difor skal dei no drivast i eksil, fremst mellom dei bortførte. Då blir det slutt på festsamlingane der dei ligg og dreg seg.

### **Gud straffar Samaria**

<sup>8</sup> Herren Gud har svore ved seg sjølv, seier Herren, allhærs Gud: Eg avskyr Jakobs byrgskap og hatar borgene der. Eg utleverer byen og alt som er i han.

<sup>9</sup> Er det ti overlevande i eit hus, skal dei døy.

<sup>10</sup> Når ein ven eller slektning ber knoklane ut or huset, spør han den som er inst i huset: «Er det fleire att hos deg?» Og han svarar: «Nei, ingen.» Då seier han: «Hysj!» for Herrens namn må ikkje nemnast.

<sup>11</sup> Sjå, Herren byd, og han slår det store huset i knas og det vesle huset i bitar.

<sup>12</sup> Spring vel hestar opp bratte fjellet, pløyer ein det med oksar? Men de gjer retten om til gift og rettferds frukt til malurt.

<sup>13</sup> De gleder dykk over Lo-Dabar og seier: «Sanneleg. Det var med eiga kraft vi tok Karnajim.»

<sup>14</sup> Sjå, no reiser eg eit folk mot deg, Israels hus, seier Herren, allhærs Gud. Dei skal undertrykkja dykk frå Lebo-Hamat til Araba-bekken.

## **Amos 7**

### **Syn om Israels undergang**

<sup>1</sup> Dette viste Herren Gud meg: Sjå, han skapte grashopper då graset tok til å veksa etter slåttent. Sjå, det var etterveksten etter kongens slåttont.

<sup>2</sup>Då dei hadde ete opp alt graset i landet, sa eg: «Tilgjæv, Herre Gud! Korleis kan Jakob stå seg, så liten som han er?»

<sup>3</sup>Då angra Herren på dette. «Det skal ikkje skje», sa Herren.

<sup>4</sup>Dette viste Herren Gud meg: Sjå, Herren Gud kalla elden til strid. Han slukte det store djupet og heldt på å eta opp åkrane.

<sup>5</sup>Då sa eg: «Hald opp, Herre Gud! Korleis kan Jakob stå seg, så liten som han er?»

<sup>6</sup>Då angra Herren på dette. «Heller ikkje det skal skje», sa Herren Gud.

<sup>7</sup>Dette viste han meg: Sjå, Herren stod på ein loddrett mur, i handa hadde han eit blylodd.

<sup>8</sup>Herren sa til meg: «Kva ser du, Amos?» Eg svara: «Eit blylodd.» Då sa Herren: «Sjå, eg senkar loddet midt i Israel, folket mitt. Eg vil ikkje lenger ha tol med det.

<sup>9</sup>Isaks offerhaugar skal øydast og Israels heilagdomar siga i røys. Eg vil reisa meg med sverd mot Jeroboams hus.»

#### **Amos blir bortvist frå Betel**

<sup>10</sup> Amasja, presten i Betel, sende bod til Jeroboam, kongen i Israel: Amos har fått i stand ei samansverjing mot deg midt i Israels hus. Landet kan ikkje tola alle orda hans.

<sup>11</sup> For Amos seier: «Jeroboam skal døy for sverd, og Israel skal drivast i eksil, bort frå landet sitt.»

<sup>12</sup>Sidan sa Amasja til Amos: Du sjåar, gå din veg, kom deg av stad til Juda! Der kan du eta ditt brød, der kan du profetera.

<sup>13</sup>I Betel får du ikkje lenger profetera, for det er ein kongeleg heilagdom, eit rikstempel.

<sup>14</sup> Då tok Amos til ords og sa til Amasja: Ikkje er eg profet og ikkje profetlæresvein. Eg held husdyr og dyrkar fiken.

<sup>15</sup> Men Herren tok meg bort frå saueflokken, og Herren sa til meg: «Gå og tal profetord til Israel, folket mitt!»

<sup>16</sup> Høyr no Herrens ord: Du seier: «Ikkje tal profetord mot Israel, ikkje spå mot Isaks hus!»

<sup>17</sup> Difor seier Herren: «Kona di skal vera hore i byen, sønene og døtrene dine skal falla for sverd. Jorda di skal delast med målesnor, du sjølv skal døy på urein jord, og Israel skal drivast i eksil frå landet sitt.»

## Amos 8

### Enden er komen for Israel

<sup>1</sup> Dette viste Herren Gud meg: Sjå, ei korg med mogen frukt.

<sup>2</sup> Han sa: «Kva ser du, Amos?» Eg svara: «Ei korg med mogen frukt.» Då sa Herren til meg: «Enden er komen for mitt folk Israel, eg vil ikkje lenger bera over med det.

<sup>3</sup> Songarinnene på slottet skal jamra den dagen, seier Herren Gud. Lik i mengd ligg slengde overalt. Hysj!»

### Herrens dom over uærleg handel

<sup>4</sup> Høyr dette, de som trakkar fattige ned og gjer ende på dei hjelpelause i landet!

<sup>5</sup> De seier: «Når er nymånefesten over, så vi kan selja korn, og sabbaten til ende, så vi kan opna kornsalet? Då gjer vi målet for lite og prisen for høg og fuskar med falske vekter.

<sup>6</sup> Då kjøper vi småkårsfolk for pengar, ein fattig for eit par sandalar, og sel avfallskorn!»

<sup>7</sup> Herren har svore ved Jakobs byrgskap: Aldri skal eg gløyma noko av det dei har gjort!

<sup>8</sup> Må ikkje jorda skjelva for slikt, så alle som bur der, sørgjer? Ja, må ho ikkje fløyma som Nilen, stiga og siga som elva i Egypt?

### Ulukkedagen

<sup>9</sup>Den dagen, seier Herren Gud, lèt eg sola gå ned ved middagstid og gjer jorda mørk ved høglys dag.

<sup>10</sup>Festane gjer eg til sørgjehøgtider og alle songane til likklage, eg legg sekkestrie om alle hofter og lèt kvart hovud rakast snautt, som i sorg over einaste sonen. Enden blir ein bitter dag.

#### **Svolt etter Herrens ord**

<sup>11</sup>Sjå, dagar skal koma, seier Herren Gud, då eg sender svolt i landet, ikkje svolt etter brød og ikkje tørste etter vatn, men etter å høyra Herrens ord.

<sup>12</sup>Dei skal flakka om frå hav til hav, streifa omkring frå nord til aust og leita etter Herrens ord, men dei skal ikkje finna det.

<sup>13</sup>Den dagen skal fine møyar og unge menn siga om av tørste.

<sup>14</sup>Dei som sver ved Samarias synd og seier: «Så sant din gud lever, Dan» og: «Så sant din veg lever, Beer-Sjeba», dei skal falla og aldri reisa seg meir.

### **Amos 9**

#### **Ingen skal sleppa Guds straff**

<sup>1</sup>Eg såg Herren stå på altaret. Han sa: Slå til søylehovuda så dørstokkane skjelv, knus dei så dei fell i hovudet på dei alle! Dei som måtte bli att, vil eg drepa med sverd. Ingen av dei skal kunna rømme, ingen skal berga seg.

<sup>2</sup>Om dei grev seg ned i dødsriket, skal handa mi henta dei opp. Om dei stig opp til himmelen, skal eg støyta dei ned.

<sup>3</sup>Om dei gøymer seg på Karmels topp, skal eg finna dei og henta dei ned. Om dei løyner seg for auga mine på havsens botn, byd eg ormen bita dei.

<sup>4</sup>Om dei må gå som fangar framfor fiendane sine, byd eg sverdet drepa dei. Eg retter auga mot dei til det vonde og ikkje til det gode.

<sup>5</sup>Herren, allhørs Gud, rører ved jorda, og ho skjelv. Alle som bur der, sørgjer. Heile jorda stig som Nilen og sig som elva i Egypt.

<sup>6</sup>Han som har bygd sine høge salar i himmelen og reist sin kvelv over jorda, han som kallar på vatnet i havet og auser det ut over jorda, Herren er namnet hans.

### **Straff og reinsing**

<sup>7</sup>For meg, israelittar, er de som kusjittane, seier Herren. Eg førte Israel opp frå Egypt, men også filistrane frå Kaftor og aramearane frå Kir.

<sup>8</sup>Sjå, Herren Guds auge er vende mot det syndige riket: No vil eg sletta det ut frå jorda. Nei, eg skal ikkje sletta ut Jakobs hus, seier Herren.

<sup>9</sup>For sjå, eg gjev påbod, og eg rister Israels hus mellom alle folkeslaga som når ein rister i ei sikt og ikkje eit sandkorn fell til jorda.

<sup>10</sup>For sverdet skal dei døy, alle syndarane i folket mitt, dei som seier: «Det vonde når oss ikkje, det råkar ikkje oss.»

### **Israel blir gjenreist**

<sup>11</sup>Den dagen reiser eg opp att Davids falne hytte. Rivnene murar eg att, og det som ligg i røys, reiser eg opp att. Eg byggjer henne som i gamle dagar,

<sup>12</sup>så dei kan ta resten av Edom i eige og alle dei andre folkeslaga som namnet mitt er nemnt over, seier Herren, som gjer dette.

<sup>13</sup>Sjå, dagar skal koma, seier Herren, då den som pløyer, tek att den som haustar, og den som trakkar druer, tek att den som sår. Druesaft skal drypa frå fjella og fløyma frå alle høgder.

<sup>14</sup>Då vil eg venda lagnaden for Israel, folket mitt. Dei skal byggja opp att nedrivne byar og bu i dei. Dei skal planta vinmarker og drikka vinen. Dei skal stella til hagar og eta frukta.

<sup>15</sup>Eg plantar dei i deira eiga jord, aldri meir skal dei rykkjast opp av den jorda eg har gjeve dei, seier Herren din Gud.

## Obadja

### Obadja 1

#### Dommen over Edom

<sup>1</sup> Obadjas syn. Så seier Herren Gud om Edom: Ein bodskap har vi høyrte frå Herren, ein bodberar er send til folkeslaga: «Opp! Vi går til krig mot Edom!»

<sup>2</sup> Sjå, eg gjer deg liten mellom folka, djupt forakta skal du vera.

<sup>3</sup> Ditt hovmodige hjarte har narra deg, du som bur i fjellkløfter og held til høgt der oppe. Du seier i hjartet: «Kven kan støyta meg til jorda?»

<sup>4</sup> Om du stig høgt som ørna, om du legg reiret ditt mellom stjerner, skal eg støyta deg ned derifrå, seier Herren.

<sup>5</sup> Om tjuvar kom til deg, om røvarar kom om natta – det er ute med deg! – tok dei då berre det dei trong. Om drueplukkarar kom til deg, lèt dei då att ein etterhaust.

<sup>6</sup> Men Esau blir gjennomsøkt, dei løynde skattane hans blir leita opp.

<sup>7</sup> Alle du var i pakt med, driv deg av stad mot grensa. Alle du hadde fred med, svik deg og sigrar over deg. Dei som delte brød med deg, set feller for deg: «Det finst ikkje vit i han.»

<sup>8</sup> Den dagen, seier Herren, skal eg utsletta dei vise i Edom og klokskapen på Esaus fjell.

<sup>9</sup> Dine krigarar, Teman, blir slegne av skrekk, for kvar og ein skal utryddast frå Esaus fjell. På grunn av drap

<sup>10</sup> og vald mot Jakob, bror din, skal du dekkjast av skam. Du skal utryddast for alltid.

<sup>11</sup> Den dagen du heldt deg borte, dagen då framande førte hæren hans bort som fangar, då utlendingar gjekk inn gjennom hans portar og kasta lodd om Jerusalem, då var du som ein av dei.



**12** Sjå ikkje på bror din med fryd på lagnadsdagen hans! Gled deg ikkje over folket i Juda den dagen dei går til grunne! Ver ikkje stor i munnen den dagen dei er i naud!

**13** Gå ikkje inn gjennom porten til folket mitt på ulukkedagen deira! Sjå ikkje med glede, du òg, på det vonde som råka dei på ulukkedagen! Grip ikkje etter rikdomen deira på ulukkedagen!

**14** Still deg ikkje ved vegskilja for å hogga ned flyktningane! Utlever ikkje dei overlevande den dagen det er naud!

**15** For Herrens dag er nær over alle folkeslag. Slik du har gjort, skal det gjerast mot deg. Dine gjerningar kjem att over ditt eige hovud.

#### **Israel blir gjenreist**

**16** Som de drakk på mitt heilage fjell, skal alle folkeslag alltid drikka, drikka og svelgja og bli som om dei aldri hadde vore til.

**17** Men på Sion-fjellet skal det finnast berging. Det skal vera heilagt. Jakobs hus skal driva ut dei som dreiv dei ut.

**18** Jakobs hus skal vera ein eld og Josefs hus ein loge, og Esaus hus skal bli til halm. Dei skal brenna dei og fortæra dei, ikkje éin frå Esaus hus skal overleva. Herren har tala.

**19** Negev skal ta Esaus fjell i eige, låglandet skal ta filistarlandet, dei skal ta Efraim-landet og Samaria-landet, og Benjamin skal ta Gilead i eige.

**20** Dei bortførte, denne hæren av israelittar, skal ta det som tilhørde kanaanearane, heilt til Sarepta, og dei frå Jerusalem som er i eksil i Sefarad, skal ta byane i Negev.

**21** Dei som er fria ut, skal gå opp på Sion-fjellet og dømme Esaus fjell. Og riket skal høyra Herren til.

## Jona

### Jona 1

#### Jona rømmer for Herren

<sup>1</sup> Herrens ord kom til Jona, son til Amittai:

<sup>2</sup> «Stå opp, gå til storbyen Ninive og rop ut over byen at vondskapen deira har stige opp for mitt andlet.»

<sup>3</sup> Då stod Jona opp for å rømme til Tarsis, bort frå Herren. Han drog ned til Jaffa og fann eit skip som skulle til Tarsis. Så betalte han for ferda og gjekk ned i båten. Han ville vera med til Tarsis, bort frå Herren.

<sup>4</sup> Men Herren kasta ein mektig vind ned over havet, og stormen vart så hard at skipet heldt på å bli knust.

<sup>5</sup> Sjøfolka vart redde, og kvar mann ropa til sin gud. Lasta som var om bord, kasta dei på sjøen så skipet skulle letna. Men Jona hadde gått ned under dekk og lagt seg og låg i djup søvn.

<sup>6</sup> Kapteinen kom bort til han og sa: «Kva er det med deg? Søv du? Stå opp og rop til guden din! Kanskje guden vil hugsa på oss så vi ikkje går under.»

<sup>7</sup> Mennene sa til kvarandre: «Lat oss kasta lodd, så vi kan få vita kven som er skuld i at denne ulukka har ramma oss!» Dei kasta lodd, og loddet fall på Jona.

<sup>8</sup> Då sa dei til han: «Sei oss no kven som er skuld i at denne ulukka har ramma oss! Kva slags arbeid har du? Kvar kjem du frå? Kva for eit land er du frå? Og kva for eit folk høyrer du til?»

<sup>9</sup> Han svara: «Eg er hebrear og fryktar Herren, Gud i himmelen, som har skapt havet og det tørre landet.»

<sup>10</sup> Då vart sjømennene gripne av stor redsle. Dei sa til han: «Kva er det du har gjort!» For dei visste at han hadde rømt bort frå Herren. Det hadde han fortalt dei.

<sup>11</sup>«Kva skal vi gjera med deg», sa dei, «så havet kan falla til ro omkring oss?»  
For stormen på havet vart sterkare og sterkare.

<sup>12</sup>Han svara: «Lyft meg opp og kast meg i havet, så skal det halda opp med å rasa! For eg veit at det er mi skuld at den sterke stormen har råka dykk.»

<sup>13</sup>Mennene rodde på for å koma til lands att, men dei greidde det ikkje. For det storma sterkare og sterkare imot dei på havet.

<sup>14</sup>Då ropa dei til Herren: «Herre! Lat ikkje oss gå under fordi denne mannen mistar livet. Lat ikkje skuldlaust blod koma over oss. For du, Herre, har gjort som du ville.»

<sup>15</sup>Så lyfte dei Jona opp og kasta han på sjøen. Då heldt havet opp å rasa og vart stilt.

<sup>16</sup>Mennene vart gripne av stor frykt for Herren. Dei ofra slaktoffer til Herren og gav lovnader.

## **Jona 2**

### **Herren bergar Jona frå djupet**

<sup>1</sup>Herren sende ein stor fisk for å sluka Jona, og Jona var i buken på fisken i tre dagar og tre netter.

<sup>2</sup>Jona bad til Herren sin Gud frå buken på fisken.

<sup>3</sup>Han sa: Eg kalla på Herren i mi naud, og han svara meg. Eg ropa om hjelp frå djupaste dødsriket, og du hørde meg.

<sup>4</sup>Du kasta meg i djupet midt ute på havet, straumen omgav meg. Alle dine brot og bølger slo over meg.

<sup>5</sup>Eg tenkte: Eg er driven bort frå dine auge. Skal eg aldri meir få lyfta blikket mot ditt heilage tempel?

<sup>6</sup>Vatnet lukka seg om strupen, djupet kringsette meg, sivet vikla seg om hovudet.

<sup>7</sup>Til foten av fjella sokk eg ned. Bommane til portane på jord slo att bak meg for alltid. Men du, Herre, min Gud, førte meg levande opp or grava.

<sup>8</sup>Då livet mitt svann bort, hugsa eg på Herren, og bøna mi nådde til deg, til ditt heilage tempel.

<sup>9</sup>Dei som held seg til vind og fåfengd, har svikta sin kjærleik.

<sup>10</sup>Men eg vil ofra til deg med takkesong. Det eg har lova, vil eg halda. Frelsa kjem frå Herren.

<sup>11</sup>Då tala Herren til fisken, og han spydde Jona opp på tørt land.

## Jona 3

### Jona i Ninive

<sup>1</sup>Herrens ord kom til Jona andre gongen:

<sup>2</sup>«Stå opp og gå til storbyen Ninive! Den bodskapen eg gjev deg, skal du ropa ut over byen.»

<sup>3</sup>Jona stod opp og gjekk til Ninive, som Herren hadde sagt. Men Ninive var ein stor by for Gud, tre dagsreiser lang.

<sup>4</sup>Jona byrja å gå innover i byen, og då han hadde gått ei dagsreise, ropa han: «Enno førti dagar, og så skal Ninive bli øydelagd!»

<sup>5</sup>Då trudde folket i Ninive på Gud. Dei ropa ut ei faste og kledde seg i sekkestrie, både store og små.

<sup>6</sup>Då kongen av Ninive fekk høyra om dette, reiste han seg frå tronstolen og tok av seg kongekappa. Han kledde seg i sekkestrie og sette seg i oske.

<sup>7</sup>Han lét ropa ut i Ninive: «Etter påbod frå kongen og stormennene hans: Ingen, korkje menneske eller dyr, storfe eller småfe, må smaka noko som helst. Dei skal ikkje beita og ikkje drikka vatn.

<sup>8</sup>Dei skal kle seg i sekkestrie, både menneske og dyr, og ropa til Gud av all makt. Kvar og ein skal venda om frå sin vonde veg og sine overgrep.

<sup>9</sup>Kven veit, kan henda vil Gud snu om og angra og venda seg bort frå den brennande vreiden sin, så vi ikkje går under.»

<sup>10</sup>Gud såg det dei gjorde, at dei vende om frå sin vonde veg. Då angra Gud på det vonde han hadde sagt han ville gjera mot dei, og han gjorde det ikkje.

## **Jona 4**

### **Jonas harme og Guds nåde**

<sup>1</sup>Men det lika Jona ille, og han vart sint.

<sup>2</sup>Han bad til Herren: «Herre! Var det ikkje det eg sa då eg var i mitt eige land? Difor ville eg skunda meg og flykta til Tarsis. For eg veit at du er ein nådig og mild Gud. Du er sein til vreide og rik på miskunn, så du angrar ulukka.

<sup>3</sup>Men no, Herre, kan du ta livet mitt! For eg vil heller døy enn leva.»

<sup>4</sup>Då sa Herren: «Er du verkeleg så sint?»

<sup>5</sup>Jona hadde gått ut or byen og slege seg ned austafor han. Der hadde han laga seg ei lauvhytte og sett seg i skuggen av hytta for å sjå korleis det gjekk med byen.

<sup>6</sup>Då lét Herren Gud ein ricinus-busk veksa opp over Jona og kasta skugge over hovudet hans så han kunne bli kvitt mismotet. Jona gledde seg storleg over busken.

<sup>7</sup>Men ved daggry morgonen etter sende Gud ein makk som stakk busken så han visna.

<sup>8</sup>Då sola rann, sende Gud ein brennande austavind. Sola stakk Jona i hovudet så han mest svima av. Han ønskte at han måtte få døy, og sa: «Eg vil heller døy enn leva.»

<sup>9</sup>Då sa Gud til Jona: «Er du verkeleg så sint på grunn av ricinus-busken?» Han svara: «Eg er så sint at eg kunne døy.»

<sup>10</sup>Herren sa: «Du hadde omsorg for ricinus-busken, som du ikkje har hatt noko strev med og ikkje fått til å veksa, som kom til på ei natt og vart øydelagd på ei natt.

<sup>11</sup>Skulle ikkje eg ha omsorg for storbyen Ninive, der det er meir enn tolv gonger ti tusen menneske som ikkje veit skilnad på høgre og venstre, og der det òg er ei mengd med dyr?»

## Mika

### Mika 1

<sup>1</sup> Herrens ord som kom til Mika frå Moresjet i dei dagane då Jotam, Ahas og Hiskia var kongar i Juda, det han såg om Samaria og Jerusalem.

#### Herren openberrar seg til dom

<sup>2</sup> Høyr, alle de folkeslag! Lytt, du jord og alt som fyller deg! Herren Gud skal vera vitne mot dykk, Herren sjølv, frå sitt heilage tempel.

<sup>3</sup> Sjå, Herren går ut frå sin stad, stig ned og skrid fram over høgdene på jorda.

<sup>4</sup> Fjella smeltar under han, og dalane rivnar, som voks når det smeltar for elden, som vatn når det renn utfor stupet.

<sup>5</sup> Alt dette på grunn av Jakobs opprør og Israels synder! Kva er Jakobs opprør? Samaria! Og kva er Judas offerhøgder? Jerusalem!

<sup>6</sup> Men eg skal leggja Samaria i ruinar og gjera byen om til vinmarker. Eg velter steinane ned i dalen og legg grunnvollane hennar berre.

<sup>7</sup> Alle gudebileta hennar skal knusast, alle horegåvene skal brennast, og alle avgudsbileta vil eg øydeleggja. Med horepengar har ho samla dei, og til horeløn skal dei bli.

<sup>8</sup> Difor må eg klaga og jamra, gå berrføtt og naken omkring, eg held klage som sjakalen, har sorg som strutsen.

<sup>9</sup> For skaden hennar kan ikkje lækjast. No står Juda for tur. Det har nådd til mitt folks port, til Jerusalem.

#### Klage over byane i Juda

<sup>10</sup> Kunngjer det ikkje i Gat! Ikkje gråt og klag! Velt deg i støvet i Bet-Leafra!

<sup>11</sup> Dra bort naken og med vanære, du som bur i Sjafir! Ho som bur i Saanan, kjem ikkje ut. I Bet-Ha'esel held dei klage, der får de ikkje støtte.

<sup>12</sup> Ho som bur i Marot, ventar på lukke, men ulukke frå Herren kjem ned ved Jerusalems port.

<sup>13</sup> Spenn hestane for vogna, du som bur i Lakisj! Der var opphavet til synd for dotter Sion, for hos deg er Israels opprør å finna.

<sup>14</sup> Difor må du gje skilsmissegåve til Moresjet-Gat. Som ein uttørka bekk er husa i Aksib for Israels kongar.

<sup>15</sup> Endå ein gong sender eg ein for å hærta deg, du som bur i Maresja. Til Adullam kjem Israels pryd.

<sup>16</sup> Klipp deg og rak deg snau for borna du hadde kjær! Klipp deg snau som ein gribb, for dei er førte bort frå deg.

## Mika 2

### Verop over dei mektige

<sup>1</sup> Ve dei som tenkjer ut urett og planlegg vondt medan dei ligg i senga! Når dagen gryr, set dei det i verk, fordi det står i deira makt.

<sup>2</sup> Markene dei har lyst på, røvar dei, husa tek dei, og dei tvingar under seg mannen og hans hus, bonden og egedomen hans.

<sup>3</sup> Difor seier Herren: Eg tenkjer ut ulukke over denne slekta, den kan de ikkje fri nakken ifrå. De skal ikkje lenger gå stolte ikring, for dette blir ei vond tid.

<sup>4</sup> Den dagen skal dei syngja ei nidvise og klaga ein klagesong over dykk. «Vi er herja og øydelagde! Jorda til folket mitt blir bortgjeven, ja, teken frå meg. Markene våre blir utdelte til fråfalne.»

<sup>5</sup> Då skal du ikkje ha nokon i Herrens forsamling til å kasta lodd og dela ut jord.

<sup>6</sup> «Hald opp med å profetera!» seier profetane. «Slik må ingen profetera! Tek skjellsorda aldri slutt?»

<sup>7</sup> Kva er det du seier, Jakobs hus? Har Herren mista tolmodet? Er det slik han fer fram? Har eg ikkje gode ord til dei som ferdast rett?

<sup>8</sup> Men folket mitt har alt stått fram som ein fiende. De dreg kappa av fredelege folk. Dei som vandrar trygt, blir krigsfangar.



<sup>9</sup>Kvinnene i folket mitt driv de bort frå heimane dei var glade i. De har for alltid teke mi ære frå småborna hennar.

<sup>10</sup>Stå opp og gå! For dette er ingen kvilestad. Fordi han er urein, skal han øydeleggjast, og øydelegginga er fæl.

<sup>11</sup>Ein som fór med løgn og bedrag og sa: «Eg spår for deg om vin og drikk», det ville ha vore ein profet for dette folket!

#### **Herren vil samla Israels rest**

<sup>12</sup>Eg vil samla deg, Jakob, heile deg. Eg vil sankta saman Israels rest, føra dei saman som sauer i ei kve, som ein bøling på beite, ein ståkande flokk av menneske.

<sup>13</sup>Han som bryt igjennom, går føre dei. Dei bryt igjennom og dreg ut av porten. Kongen deira går føre dei, Herren sjølv er i spissen for dei.

### **Mika 3**

#### **Griske hovdingar**

<sup>1</sup>Eg sa: Høyr, Jakobs hovdingar, de leiarar i Israels hus! Var det ikkje de som skulle kjenna retten?

<sup>2</sup>Men de hatar det gode og elsker det vonde. De riv huda av folk og kjøtet av beina deira.

<sup>3</sup>Dei et kjøtet av folket mitt, huda flår dei av dei, og beina deira knuser dei. Dei breier det ut som i ei gryte, som kjøtet i ein kjel.

<sup>4</sup>Når dei så ropar til Herren, svarar han dei ikkje. På den tid skal han løyna andletet for dei, for dei har gjort vonde gjerningar.

#### **Mot dei falske profetane**

<sup>5</sup>Så seier Herren om dei profetane som fører folket mitt vill, som ropar «fred» berre dei får noko å tyggja på, men lyser heilag krig mot dei som ikkje gjev dei munnen full:

<sup>6</sup>Difor skal det bli natt for dykk – utan syn, og mørker – utan spådom. Sola skal gå ned for profetane og dagen formørkjast omkring dei.

<sup>7</sup> Då skal sjåarane bli til skamme og spåmennene til spott. Alle skal dei løyna skjegget, for det kjem ikkje svar frå Gud.

<sup>8</sup> Eg, derimot, er full av styrke ved Herrens ande, av rett og kraft, så eg kan tala til Jakob om hans brot, til Israel om hans synd.

#### **Jerusalem skal falla**

<sup>9</sup> Høyr dette, de hovdingar i Jakobs hus, de leiarar i Israels hus, de som avskyr rettfærd og krøkjer det som er rett,

<sup>10</sup> som byggjer Sion med blod og Jerusalem med urett!

<sup>11</sup> Hovdingane hennar dømmer for betaling, prestane tek løn for å undervisa, profetane spår for pengar, og likevel støttar dei seg til Herren og seier: «Er ikkje Herren midt iblant oss? Det hender ikkje oss noko vondt.»

<sup>12</sup> Difor: Sion skal pløyast til åker, Jerusalem skal bli til ruin og tempelberget til haugar dekte av skog.

### **Mika 4**

#### **Fredsriket**

<sup>1</sup> I dei siste dagar skal det skje at Herrens tempelberg skal stå urokkeleg som det høgaste av fjella og raga over høgdene. Dit skal folkeslag strøyma.

<sup>2</sup> Mange folk skal dra av garde og seia: «Kom, lat oss fara opp til Herrens fjell, til huset åt Jakobs Gud, så han kan læra oss sine vegar og vi kan ferdast på hans stigar. For lov skal gå ut frå Sion, Herrens ord frå Jerusalem.»

<sup>3</sup> Han skal dømma mellom mange folk, skifta rett for mektige folkeslag, òg for dei som er langt borte. Dei skal smi sverda om til plogskjer og spyda til vingardsknivar. Folk skal ikkje lyfta sverd mot folk, ikkje lenger lærast opp til krig.

<sup>4</sup> Men kvar og ein skal sitja under sin vinstokk og sitt fikentre, ingen skal skremma dei. For Herren over hærskarane har tala.

<sup>5</sup> Kvart folkeslag vandrar i sin eigen guds namn, men vi skal vandra i Herren vår Guds namn evig og alltid.

### Herren skal samla folket sitt

<sup>6</sup> På den dagen, seier Herren, vil eg samla dei haltande, sankta saman dei fordrivne og dei eg har fare ille med.

<sup>7</sup> Dei haltande gjer eg til ein rest, dei bortdrivne til eit mektig folk. Herren skal vera konge over dei på Sions berg frå no og til evig tid.

<sup>8</sup> Og du gjetartårn, du dotter Sions vakthaug, til deg skal det koma, herreveldet du ein gong hadde, Jerusalems dotters kongsmakt.

<sup>9</sup> Men no, kvifor skrik du så høgt? Er det ingen konge hos deg? Er rådgjevaren din komen bort sidan rier tek deg som hos ei kvinne som skal føda?

<sup>10</sup> Skrik ut i rier som ei fødande kvinne, dotter Sion! For no må du forlata byen og bu ute på marka. Du skal koma til Babel, men der blir du berga. Der vil Herren løysa deg ut or handa på fiendane dine.

<sup>11</sup> Men no har mange folkeslag samla seg mot deg. Dei seier: «Lat Sion vanhelgast framfor våre auge.»

<sup>12</sup> Men dei kjenner ikkje Herrens tankar og skjønar ikkje hans plan: å samla dei som kornaks til tresking.

<sup>13</sup> Stå opp og tresk, du dotter Sion! For eg vil gje deg horn av jern, eg vil gje deg klauver av bronse, og du skal knusa mange folk. Du skal vigsla byttet deira til Herren, rikdomen deira til herren over all jorda.

<sup>14</sup> No, risp deg opp, du opprispa dotter! Dei har kringsett oss. Med stav slår dei Israels dommar i andletet.

## Mika 5

### Fredsfyrsten frå Betlehem

<sup>1</sup> Du, Betlehem, Efrata, minst mellom slektene i Juda! Frå deg lèt eg ein herskar over Israel koma. Hans opphav er frå gammal tid, frå eldgamle dagar.

<sup>2</sup> Difor skal han overgje dei, heilt til tida er komen då ho som skal føda, har fødd. Då skal resten av brørne hans koma tilbake til Israels born.

<sup>3</sup>Han skal stå og gjeta i Herrens kraft, i Herren sin Guds høge namn. Og dei skal bu trygt, for no rekk hans makt til endane av jorda.

<sup>4</sup>Og han skal vera fred. Når assyrarane kjem inn i landet vårt og trakk inn i borgene våre, då reiser vi imot dei sju hyrdingar, ja, åtte fyrstar.

<sup>5</sup>Dei skal gjeta Assurs land med sverd, ja, Nimrods land med dregne våpen. Men når assyrarane kjem inn i landet vårt og trakk over grensene våre, skal han berga oss.

<sup>6</sup>Då skal Jakobs rest blant talrike folkeslag vera som dogg frå Herren, som regn på graset. Dei ventar ikkje på nokon mann, set ikkje si von til menneske.

<sup>7</sup>Då skal Jakobs rest blant folka, midt iblant talrike folkeslag, vera som ei løve blant dyra i skogen, som ei ungløve i saueflokke. Ho fer fram og trakk ned, ho riv i hel, og ingen bergar.

<sup>8</sup>Lyft handa di mot dei som står deg imot, så alle dine fiendar blir utrydda!

#### **Byane skal utslettast**

<sup>9</sup>Den dagen, seier Herren, vil eg utrydda hestane du har, og øydeleggja vognene dine.

<sup>10</sup>Eg vil utsletta byane i landet ditt og riva ned alle festningane dine.

<sup>11</sup>Eg vil utrydda trolldomskunstene du driv med, og teikntydarar skal du ikkje lenger ha.

<sup>12</sup>Eg vil utrydda gudebiletta og steinstøttene du har. Du skal ikkje lenger tilbe noko hendene dine har laga.

<sup>13</sup>Eg vil riva opp Asjera-pålane som er hos deg, og leggja byane dine aude.

<sup>14</sup>Eg vil ta hemn i vreide og harme over folkeslag som ikkje vil høyra.

### **Mika 6**

#### **Kva Herren krev**

<sup>1</sup>Høyr kva Herren seier: Reis deg, før di sak for fjella, lat haugane høyra di røyst!

<sup>2</sup>Høyr Herrens klage, de fjell og de faste grunnvollar på jorda!  
For Herren klagar sitt folk, han går i rette med Israel.

<sup>3</sup>Mitt folk, kva har eg gjort deg? Kva har eg trøytta deg med? Svar meg!

<sup>4</sup>For eg førte deg opp frå Egypt og fria deg ut frå slavehuset. Eg sende Moses, Aron og Mirjam i spissen for deg.

<sup>5</sup>Mitt folk, hugs planane kong Balak av Moab hadde, og svaret han fekk av Bileam, son til Beor, på vegen frå Sjittim til Gilgal, så du kan skjøna Herrens frelsesgjerningar.

<sup>6</sup>Kva skal eg koma fram for Herren med når eg bøyer meg for Gud i det høge? Skal eg koma til han med brennoffer, med årsgamle kalvar?

<sup>7</sup>Bryr Herren seg om tusenvis av vêrar, titusenvis av oljebekker? Skal eg ofra min førstefødde for mitt brot, mi livsfrukt for mi sjels synd?

<sup>8</sup>Han har kunngjort for deg, menneske, kva godt er. Og kva krev Herren av deg? Berre at du gjer rett, viser trufast kjærleik og vandrar audmjukt med din Gud.

### **Dommen over Jerusalem**

<sup>9</sup>Herrens røyst ropar til byen, og det er visdom å frykta ditt namn. Høyr, du stamme og forsamling!

<sup>10</sup>Finst framleis urettens skattar i huset til den urettferdige og eit forfalska, forbanna efa-mål?

<sup>11</sup>Kan eg vera rein med urett vekt og falske vektlodd i pungen?

<sup>12</sup>Dei rike i byen øver vald, innbyggjarane der fer med løgn, ei svikefull tunge har dei i munnen.

<sup>13</sup>Så skal då eg òg byrja å slå deg, øydeleggja deg for dine synder.

<sup>14</sup>Du skal eta og ikkje bli mett, tom skal du kjenna deg. Den du tek til side, kan du likevel ikkje berga, og den du bergar, gjev eg til sverdet.

<sup>15</sup>Du skal så, men ikkje hausta, pressa oliven, men ikkje salva deg med olje, pressa druer, men ikkje drikka ny vin.

**16** Du har halde Omris forskrifter og handla som Ahabs hus. Etter deira råd har de vandra. Difor skal eg overgje deg til øydelegging og innbyggjarane dine til spott. Vanæra til folket mitt må de bera.

## Mika 7

### Klage og von

**1**Ve meg! Det er som når frukta er plukka og vinhausten er over: ikkje ei drue å eta, ikkje ein fiken eg har lyst på.

**2**Dei trugne er borte frå landet, det finst ingen rettvis blant folk. Alle ligg på lur etter blod, kvar ein vil fanga sin neste i garnet.

**3**Hendene er gode til å gjera vondt. Hovdingen krev inn, dommaren vil ha betaling, storkaren seier kva han vil ha, og slik snur dei om på alt.

**4**Den beste av dei er som ein klungerbusk, den ærlegaste verre enn eit klungerkratt. Vaktmenneses dag er komen, rekneskapsdagen. No er forvirringa der.

**5**Tru ikkje på ein kjenning, stol ikkje på ein ven! For henne som ligg i famnen din, må du vakta din munns dører!

**6**For ein son vanvørder far sin, ei dotter set seg opp mot mor si, ei svigerdotter mot svigermor si, ein manns husfolk er fiendane hans.

**7**Men eg vil skoda etter Herren, venta på Gud, min frelsar. Min Gud vil høyra meg!

### Israel blir gjenreist

**8**Gled deg ikkje over meg, min fiende! For om eg fell, skal eg reisa meg att. Sit eg i mørkret, er Herren lys for meg.

**9**Herrens vreide må eg bera fordi eg har synda mot han, inntil han fører mi sak og skaffar meg rett. Han skal føra meg ut i lyset, og eg skal sjå hans rettferd.

**10** Fienden min skal sjå det, og skam skal dekkja henne som sa til meg: «Kvar er Herren din Gud?» No blir ho trakka ned som søle i gatene medan auga mine ser på.

**11** Ein dag skal murane dine byggjast opp, den dagen skal grensene vidast ut.

**12** Den dagen skal dei koma til deg frå Assur og Egypt, frå Egypt og Euftrat, frå hav til hav og frå fjell til fjell.

**13** Og jorda skal bli til øydemark, det er dei som bur der si skuld. Det er frukt av gjerningane deira.

**14** Gjet ditt folk med staven din. Sauene du eig, ligg åleine i villmarka, midt i det fruktbare landet. Lat dei beita i Basan og Gilead slik som i gamle dagar.

**15** Eg vil visa han underverk som den gongen du drog ut frå Egypt.

**16** Folka skal sjå det og skamma seg, endå så mektige dei er. Dei skal leggja handa på munnen, og øyra deira skal bli døve.

**17** Dei skal slikka støv som ormen, lik dei som kryp på jorda! Frå sine skjul skal dei koma skjelvande fram for Herren vår Gud. Dei skal gripast av redsle og frykt for deg.

#### **Kven er ein Gud som du?**

**18** Kven er ein Gud som du, ein som tek bort skuld og tilgjev synd for den resten han eig? Han held ikkje evig fast på vreiden, for han vil gjerne visa miskunn.

**19** Herren skal igjen visa miskunn mot oss og trø vår skuld under fot. Du skal kasta alle syndene våre ned i havsens djup.

**20** Du vil visa truskap mot Jakob og miskunn mot Abraham, slik du med eid lova fedrane våre i dei eldgamle dagane.

## Nahum

### Nahum 1

<sup>1</sup>Bodskap om Ninive. Boka med syna til Nahum frå Elkosj.

#### Herrens makt og miskunn

<sup>2</sup>Herren er ein nidkjær Gud som tek hemn. Herren tek hemn og er full av harme. Herren tek hemn over motstandarane, han held fast på vreiden mot fiendane.

<sup>3</sup>Herren er sein til vreide, makta hans er stor. Herren lèt ikkje vera å straffa. Hans veg går gjennom kvervelvind og storm, skyer er støvet under føtene hans.

<sup>4</sup>Han trugar havet og legg det tørt, alle elvar tørkar han ut. No visnar Basan og Karmel, Libanons blomeprakt visnar bort.

<sup>5</sup>Fjella skjelv for han, høgdene smeltar. Jorda vik bort for hans andlet, verda og alle som bur der.

<sup>6</sup>Kven kan stå seg for harmen hans, kven held ut den brennande vreiden? Raseriet hans strøymer fram som eld. Framfor han blir knausane knuste.

<sup>7</sup>Herren er god, eit vern på trengselsdagen. Han tek seg av dei som søker tilflukt hos han.

<sup>8</sup>Men med ei veldig flodbølgje knuser han staden der ho låg. Han jagar fiendane sine inn i mørkret.

<sup>9</sup>Kvifor legg de planar mot Herren? Han skal knusa dykk heilt. Nauda skal ikkje koma ein gong til.

<sup>10</sup>Lik tornekratt som er fletta saman, lik drankarar som er drukne, blir dei fortærte som knusktørr halm.

#### Ninive og Juda

<sup>11</sup>Frå deg gjekk det ut ein som tenkte ut vondt mot Herren, ein vondsinna rådgjevar.



<sup>12</sup>Så seier Herren: Om dei er aldri så sterke og mange, skal dei likevel hoggast ned og bli borte. Om eg har plaga deg, Juda, skal eg ikkje plaga deg lenger.

<sup>13</sup> For no bryt eg åket og tek det av deg, lenkjene dine riv eg av.

<sup>14</sup> Men om deg har Herren gjeve bod at inga etterslekt skal bera namnet ditt. Eg vil rydda ut or gudshuset ditt både utskorne og støypte gudebilete. Eg gjer i stand ei grav til deg, for du er verdlaus.

## Nahum 2

<sup>1</sup> Sjå, dei spring over fjella, føtene til den som ber bod og forkynner fred. Hald dine høgtider, Juda, og gjer det du har lova! For aldri meir kjem dei vonde mot deg, dei er heilt utrydda.

### Ninive fell

<sup>2</sup> Han som skal spreia deg, tek ut mot deg. Hald vakt i borga, hald auge med vegen! Spenn beltet om livet, vis stor kraft og styrke!

<sup>3</sup> For Herren reiser opp att både Jakobs og Israels stordom, fordi ransmenn tok rov og la vinrankene deira aude.

<sup>4</sup> Skjolda til heltane er farga raude, krigsmennene er kledde i skarlak. Vognene er som brennande jern den dagen han stiller dei opp til kamp, spyda er innsette med gift.

<sup>5</sup> Gjennom gatene rasar vognene fram, over torga fer dei att og fram. Dei ser ut som faklar, som lyn fer dei av stad.

<sup>6</sup> Han kallar fram stormennene sine, dei snublar medan dei spring, dei stormar bymuren, skjoldtaket blir reist.

<sup>7</sup> Portane mot elva blir slegne opne, palasset vaklar.

<sup>8</sup> Dei stiller henne naken fram og fører henne bort. Tenestejentene klagar som duer og slår seg for brystet.

<sup>9</sup> Ninive liknar ein dam som vatnet renn ut av. «Stans! Stans!» Men ingen kjem att.

<sup>10</sup> Ran sølv, ran gull! Her er rikdom utan ende, rikeleg med vakre ting.

<sup>11</sup> Øydelegging, meir øydelegging, alt ligg audt! Redde hjarte, vaklande kne, hoftene skjelv, kvart andlet blir raudt.

<sup>12</sup>Kvar er løvehøla der ungløvene fekk mat, der løve og løvinne gjekk og ingen skremde løveungane?

<sup>13</sup>Løva reiv i hel, ungane fekk det dei trong, ho kvelte byttet for løvinnene sine, fylte hi og hòler med kjøt.

<sup>14</sup>Sjå, eg kjem mot deg, seier Herren over hærskarane. Eg lèt vognene dine gå opp i røyk. Sverd skal eta ungløvene dine, byttet ditt vil eg rydda ut frå jorda. Ropet frå dine sendebod skal aldri høyrast meir.

### Nahum 3

#### Verop over Ninive

<sup>1</sup>Ve den blodige byen, full av svik og full av plyndring, aldri manglar han bytte.

<sup>2</sup>Svepesmell og ramling av hjul, hestar i galopp og slingrande vogner,

<sup>3</sup>ryttarar går til åtak, blinkande sverd og lynande spyd. Mengder av drepne, haugar av lik, ingen ende på døde kroppar, ein snublar i døde.

<sup>4</sup>Det er fordi ho har drive hor, den vakre, trollkunnige hora som slavebatt folkeslag med sitt hor og stammar med sin trolldom.

<sup>5</sup>Sjå, eg kjem mot deg! seier Herren over hærskarane. Eg lyfter kjolen din over andletet på deg og viser deg naken fram for folkeslag, eg viser skamma di til kongerike.

<sup>6</sup>Eg kastar skit på deg, vanærar deg og syner deg fram.

<sup>7</sup>Alle som ser deg, skal flykta og seia: «Ninive er herja, kven har medkjensle med henne?» Kvar skal eg leita etter trøystarar til deg?

#### Spottevise om Ninive

<sup>8</sup>Er du betre enn No-Amon, som låg ved Nilen, med vatn ikring, med havet til voll og vatnet til mur?

- <sup>9</sup> Kusj og Egypt var styrken hennar, ein styrke utan grenser. Put og libyarane gav henne hjelp.
- <sup>10</sup> Ho òg måtte dra i eksil som fange. Borna hennar vart knuste på alle gatehjørne, dei kasta lodd om stormennene, dei mektige vart lagde i lenkjer.
- <sup>11</sup> Du òg skal drikkja deg full. Du skal gøyma deg. Du òg skal søkja vern mot fienden.
- <sup>12</sup> Alle festningane dine er som fikentre med tidleg frukt. Blir dei riste, fell det fiken i munnen på den som vil eta.
- <sup>13</sup> Sjå, krigsfolket hos deg er som kvinner. Portane til landet skal stå vidopne for fienden. Eld skal eta bommane dine.
- <sup>14</sup> Hent opp vatn før du blir kringsett, set festningane i stand. Trakk gjørme, stamp leire, ta mursteinsforma fram!
- <sup>15</sup> Der skal elden eta deg, sverdet skal rydda deg ut, det et som grashopper. Bli mange som grashopper, mange som sirissar!
- <sup>16</sup> Handelsmennene dine vart fleire enn stjernene på himmelen. Grashoppa opnar seg og flyg.
- <sup>17</sup> Vaktmennene dine er som sirissar, skrivarane liknar ein grashoppesverm som slår seg ned på steingjerdet når dagen blir kjølig. Sola renn, dei flyg, ingen veit kvar dei er.
- <sup>18</sup> Du konge av Assur, oppsynsmennene dine er trøytt, stormennene legg seg ned. Folket ditt er spreidd over fjella, ingen sankar dei inn.
- <sup>19</sup> Samanbrotet kan ikkje lækjast, du er alvorleg såra. Alle som får høyra om deg, klappar i hendene. For kven har ikkje gong på gong vorte råka av din vondskap?

## Habakkuk

### Habakkuk 1

<sup>1</sup>Bodskapen som profeten Habakkuk fekk sjå.

#### Retten når ikkje ut

<sup>2</sup>Kor lenge, Herre, skal eg ropa utan at du høyrer, skrika til deg om vald utan at du frelser?

<sup>3</sup>Kvifor lèt du meg sjå urett? Korleis kan du sjå på ulukke? Herjing og vald like ved meg, det blir strid, det kjem til trette.

<sup>4</sup>Difor er lova kraftlaus, og retten når aldri ut. For den urettferdige kringset den rettferdige, difor blir retten vrangsnudd.

#### Kaldearane

<sup>5</sup>Sjå på folkeslaga, sjå dykk om, forvirr dykk sjølve og ver forvirra! For i dykkar dagar gjer eg ei gjerning, de ville ikkje tru det om det vart fortalt!

<sup>6</sup>Sjå, eg reiser opp kaldearane, det brutale og raske folkeslaget som fer så vidt omkring på jorda og tek bustader som ikkje høyrer dei til.

<sup>7</sup>Skremmande og fryktelege er dei, deira rett og heider kjem frå dei sjølve.

<sup>8</sup>Raskare enn leopardar er hestane deira, villare enn ulvar i øydemarka. Ryttrarane deira jagar av stad, ryttrarane kjem frå det fjerne, dei flyg som ørna på jakt etter føde.

<sup>9</sup>Alle kjem dei og vil gjera valdsverk, dei rykkjer fram i flokk, dei samlar fangar som sand.

<sup>10</sup>Dei gjer narr av kongar og gjer fyrstar til lått. Dei ler av kvar festning, kastar opp ein jordvoll og tek henne.

<sup>11</sup>Så fer dei vidare og blir borte som vinden. Dei fører skuld over seg. Deira styrke er deira gud.

#### Profeten klagar over urett

<sup>12</sup> Er ikkje du frå gammal tid, Herre, min heilage Gud, du som aldri døyr! Herre, du har sett dei til å dømme, vårt berg, du har gjeve dei fullmakt til å straffa.

<sup>13</sup> Auga er for reine til å sjå det vonde, ulukke orkar du ikkje å sjå på. Så korleis kan du sjå på dei trulause og teia når den urettferdige sluker den som er meir rettferdig enn han sjølv?

<sup>14</sup> Du gjer mennesket lik fisken i havet, lik kryp utan herskar.

<sup>15</sup> Dei dreg dei alle opp med krok, halar dei inn med not og samlar dei i garnet. Difor gleder dei seg og jublar.

<sup>16</sup> Difor ofrar dei til nota og tenner offereld for garnet. For frå dei får dei rik fangst og feit mat.

<sup>17</sup> Skal dei då alltid få tømme nota og utan medkjensle gjera ende på folkeslag?

## **Habakkuk 2**

### **Den rettferdige og fienden**

<sup>1</sup> No vil eg stå på vakt, stilla meg på muren og speida og sjå kva han vil seia til meg, kva svar eg får på mitt klagemål.

<sup>2</sup> Herren svara meg: Skriv synet tydeleg på tavler så det blir lett å lesa!

<sup>3</sup> For synet ventar på si fastsette tid, det vitnar om enden, og det lyg ikkje. Om det dryger, så berre vent! For koma skal det, det kjem ikkje for seint!

<sup>4</sup> Sjå, i han er det ei oppblåsen og uærleg sjel. Men den rettferdige skal leva ved sin truskap.

<sup>5</sup> Sanneleg, vinen er tralaus. Den stolte skal ikkje nå sitt mål. Som dødsriket spilar han opp gapet, han er umettande som døden. Han samlar alle folkeslag hos seg, sankar saman alle folk.

### **Ve undertrykkjaren**

<sup>6</sup>Alle desse skal setja i med ei nidvise om han, med spottord og gåter. Dei skal seia: Ve den som skaffar seg rikdom som ikkje er hans – kor lenge? – og gjer seg rik på pantsett gods!

<sup>7</sup>Långjevarane dine reiser seg brått, dei som får deg til å skjelva, vaknar. Då skal du bli eit rov for dei.

<sup>8</sup>For du har plyndra mange folkeslag; no skal resten av folka plyndra deg til gjengjeld for menneskeblodet og valden mot landet og byen og alle som bur der.

<sup>9</sup>Ve den som skaffar seg urett vinning til sitt hus og legg reiret sitt høgt for å berga seg frå vondskaps hand!

<sup>10</sup>Til skam for ditt hus har du planlagt å gjera ende på mange folk; du set ditt eige liv på spel.

<sup>11</sup>For steinen i muren skal ropa, og bjelken i treverket skal svara.

<sup>12</sup>Ve den som byggjer ein by med blod og grunnlegg han med urett!

<sup>13</sup>Sjå, dette kjem frå Herren over hærskarane: Det folka strevar for, går opp i logar, folkeslaga slit seg ut til inga nytte.

<sup>14</sup>Jorda skal fyllast med kunnskap om Herrens herlegdom slik vatnet dekkjer havsens botn.

<sup>15</sup>Ve den som skjenkjer sin neste, blandar gift i drikken og gjer han rusa så han kan sjå han naken.

<sup>16</sup>Du blir mett av skam og ikkje av ære. Så drikk, du òg, og vis at du har forhud! Begeret i Herrens høgre hand skal koma til deg, og di ære skal gøymast av skam.

<sup>17</sup>Valden mot Libanon skal koma over deg, mishandlinga av dyra skal ramma deg. Du auste ut menneskeblod, gjorde vald mot landet og byen og alle som bur der.

<sup>18</sup> Kva hjelper eit gudebilete som ein handverkar har skore ut, eit støypt bilete som gjev falske svar? Men handverkaren lit på sitt eige arbeid og lagar mållause avgudar.

<sup>19</sup> Ve den som seier: «Vakna!» til ein trestokk, «Stå opp!» til ein mållaus stein. Kva slags svar kan han gje? Visst er han kledd i gull og sølv, men det er ikkje ånd i han.

<sup>20</sup> Herren er i sitt heilage tempel; ver stille for han, heile jorda!

### Habakkuk 3

#### Salme

<sup>1</sup> Ei bøn av profeten Habakkuk. Som ein sjiggajon.

<sup>2</sup> Herre, eg høyrde gjetord om deg, eg såg, Herre, det du har gjort. Ta det opp att i vår tid, gjer det kjent i vår tid! Hugs å visa miskunn sjølv om du er vreid!

<sup>3</sup> Gud kjem frå Teman, Den heilage frå Paran-fjellet. *Sela* Hans herlegdom dekkjer himmelen, og lovsong til han fyller jorda.

<sup>4</sup> Lysglansen er som ein soloppgang, strålar går ut frå hans hand. Der er styrken hans løynd.

<sup>5</sup> Førre han går pest, i hans fotefar følgjer sott.

<sup>6</sup> Han stansar og rister jorda, han ser og får folkeslag til å skjelva. Gamle fjell blir knuste, eldgamle haugar sig i hop. Han går på gamle vegar.

<sup>7</sup> Eg ser Kusjans telt ramma av ulukke, og teltdukane i Midjan skjelv.

<sup>8</sup> Er du harm på elvane, Herre? Logar din vreide mot elvane? Er det havet du er harm på når du rid fram på hestane dine og vognene dine gjev siger?

<sup>9</sup> Du gjer bogen klar og legg pil etter pil på strengen. *Sela* Du kløyver jorda så elvar renn.

<sup>10</sup> Fjella ser deg og skjelv, styrtregnet fossar ned, djupet lyfter røysta og lyfter handa mot det høge.

- <sup>11</sup>Sol og måne står stille i sin bustad når lyset frå pilene fer hit og dit, lysglansen frå ditt lynande spyd.
- <sup>12</sup>I harme skrid du fram over jorda, i vreide trampar du folkeslag ned.
- <sup>13</sup>Du dreg ut for å frelsa ditt folk, for å frelsa han du har salva. Du knuser overhovudet for huset til den urettferdige, kler av frå topp til tå. *Sela*
- <sup>14</sup>Med hans eigne piler gjennomborar du hovudet på krigarane hans. Dei stormar fram, vil driva meg bort, dei frydar seg som om dei skulle eta ein hjelpelaus som er i løynd.
- <sup>15</sup>Med hestane dine fer du over havet, dei veldige, brusande vatna.
- <sup>16</sup>Eg høyrde det, då skalv mitt indre, og leppene dirra ved lyden. Det kom verk i beina mine, føtene vakla under meg. Roleg ventar eg på at trengselsdagen skal koma over det folket som går til åtak på oss.
- <sup>17</sup>For fikentreet blømer ikkje, vinstokken ber ikkje frukt, olivenhausten slår feil, åkeren gjev ikkje mat, sauene er borte frå kvea, fjøset er tomt for fe.
- <sup>18</sup>Men eg vil fryda meg i Herren, jubla i Gud, min frelsar.
- <sup>19</sup>Gud Herren er min styrke. Han gjev meg føter som ei hind og lèt meg ferdast på høgdene. Til korleiaren. Med strengespel.



## Sefanja

### Sefanja 1

<sup>1</sup> Herrens ord som kom til Sefanja, son til Kusji, son til Gedalja, son til Amarja, son til Hiskia, i dei dagane då Josjia, son til Amon, var konge i Juda.

#### Dommen over Jerusalem

<sup>2</sup> Eg riv bort, alt riv eg bort frå jorda, seier Herren.

<sup>3</sup> Eg riv bort både menneske og dyr, fuglane under himmelen og fiskane i havet, eg lèt dei urettferdige snubla. Eg utryddar menneska frå jorda, seier Herren.

<sup>4</sup> Eg lyfter handa mot Juda, mot alle som bur i Jerusalem. Eg utryddar frå denne staden alt som er att av Baal, og namnet til avgudsprestane saman med prestane.

<sup>5</sup> Eg utryddar dei som tilbed himmelhæren på taka, dei som tilbed Herren og sver ved han og samtidig sver ved Milkom,

<sup>6</sup> og dei som vender Herren ryggen, som ikkje søker Herren og ikkje spør han til råds.

<sup>7</sup> Ver still for Herren Gud, for Herrens dag er nær! Herren har laga til eit slaktoffer, han har helga dei han har bode inn.

<sup>8</sup> På dagen for Herrens slaktoffer skal eg straffa fyrstar og kongssøner og alle som kler seg i framand drakt.

<sup>9</sup> Eg skal straffa alle som spring over dørstokken den dagen, dei som fyller sin Herres hus med vald og svik.

<sup>10</sup> Den dagen, seier Herren, skal det høyrast skrik frå Fiskeporten, jammer frå Nybyen og eit høgt klagerop frå høgdena.

<sup>11</sup> Hyl, de som bur i Nedrebyen, for heile kremmarfolket er gjort til inkjes, utrydda er alle som vog opp sølv.

<sup>12</sup>På den tida skal eg gjennomsøkja Jerusalem med lys og straffa mennene der, dei som sit sløve i sin vinrus og seier i sitt hjarte: «Herren gjer korkje godt eller vondt.»

<sup>13</sup> Det dei eig, skal plyndrast og husa deira øydeleggjast. Byggjer dei hus, får dei ikkje bu i dei, plantar dei vinmarker, får dei ikkje drikka vinen.

### Herrens dag er nær

<sup>14</sup> Nær er Herrens store dag; han er nær og kjem med hast! Høyr, beisk er Herrens dag, då ropar krigaren høgt.

<sup>15</sup> Ein vreidedag er den dagen, ein dag med naud og trengsle, ein dag med øydelegging og herjing, ein dag med mørker og dimme, ein dag med skyer og skodde,

<sup>16</sup> ein dag med hornlåt og hærrop mot festningsbyar, mot høge borgtårn.

<sup>17</sup> Då vil eg senda trengsle så folk går som i blinde, for dei har synda mot Herren. Blodet deira skal tømmast ut som slam og innvolane deira som møkk.

<sup>18</sup> Sølv og gull kan ikkje berga dei på Herrens vreidedag. Elden frå hans lidenskap skal øyda heile jorda. For han utryddar, ja, han gjer brått ende på alle som bur på jorda.

## Sefanja 2

### Søk Herren

<sup>1</sup> Samla dykk! Kom saman, du folk utan skam,

<sup>2</sup> før det som er fastsett, blir sett i verk og dagen fyk bort som agner, før Herrens brennande vreide kjem over dykk, før Herrens vreidedag kjem over dykk!

<sup>3</sup> Søk Herren, alle de audmjuke i landet, de som følgjer hans bod! Søk rettferd, ver audmjuke, så finn de kanskje ly på Herrens vreidedag.

### Dom over andre folkeslag

<sup>4</sup>Gaza skal liggja folketomt og Asjkalon bli ei øydemark. Asjdod skal drivast bort midt på lyse dagen og Ekron rykkjast opp.

<sup>5</sup>Ve dykk kretarar som bur ved kysten! Dette er Herrens ord mot dykk: «Kanaan, du filistarland, eg legg deg i øyde så ingen kan bu der.

<sup>6</sup>Kysten skal bli til beitemark med brønningar for gjetarane og kveer for småfeet.»

<sup>7</sup>Dei som er att av Judas hus, skal ha kysten som beiteland. Om kvelden skal dei leggja seg til kvile i husa i Asjkalon. For Herren deira Gud skal sjå til dei, han skal venda deira lagnad.

<sup>8</sup>Eg høyrde spott frå Moab og hån frå ammonittane då dei spotta folket mitt og briska seg mot landet.

<sup>9</sup>Difor seier Herren over hærskarane, Israels Gud: Så sant eg lever, skal det gå Moab som Sodoma og ammonittane som Gomorra; dei skal bli ei tistelmark, ei saltgruve, ei øydemark for alltid. Dei som er att av folket mitt, skal plyndra dei, ein rest av folket skal ta dei i eige.

<sup>10</sup>Dette får dei att for sitt overmote, fordi dei spotta og såg ned på folket til Herren over hærskarane.

<sup>11</sup>Herren vekker frykt hos dei når han utryddar alle gudane på jorda. Alle folkeslag frå fjerne kystar skal koma og tilbe han, kvar frå sin stad.

<sup>12</sup>De òg, kusjittar, skal gjennomborast av mitt sverd.

<sup>13</sup>Han lyfter handa mot nord og øydelegg Assur. Han gjer Ninive til øydemark, tørr som ein ørken.

<sup>14</sup>Midt i henne skal buskarar kvila og alle slag ville dyr. Pelikan og hegre skal sova på søylehovuda og ugla tuta frå vindauga, på dørstokken skal ramnen sitja. Sederpanelet blir rive av.

<sup>15</sup>Dette er den jublande byen, ho som låg så trygt og sa i sitt hjarte: «Eg – og ingen annan!» Kor aud ho har vorte, ein kvileplass for villdyr! Alle som dreg forbi, plystrar hånleg til henne og slår ut med hendene.

## Sefanja 3

### Jerusalems synd og straff

- <sup>1</sup>Ve den trassige, tilsølte byen, ho som undertrykkjer!
- <sup>2</sup>Ho lyder ingen, tek ikkje imot formaning, lit ikkje på Herren, held seg ikkje nær til sin Gud.
- <sup>3</sup>Hos henne er fyrstane som brølande løver, dommarane som ulvar om natta, dei sparer ingenting til det blir morgon.
- <sup>4</sup>Profetane er skrytande, trulause menn, prestane krenkjer det som er heilagt, dei gjer vald mot lova.
- <sup>5</sup>Herren rår med rettferd der, han gjer ikkje urett. Kvar morgon feller han sin dom, den manglar ikkje når dagen gryr. Men den som gjer urett, kjenner ikkje skam.
- <sup>6</sup>Eg har utrydda folkeslag, borgtårna deira ligg i grus. Eg har lagt gatene aude, ingen ferdast på dei. Byane deira er herja og folketomme, ingen bur der lenger.
- <sup>7</sup>Eg sa: «Berre du ville frykta meg og ta imot formaning!» Då vart ikkje bustadene utrydda, all mi straff skulle ikkje råka byen. Men dei gjorde berre vondt, seint og tidleg, med alt dei gjorde.
- <sup>8</sup>Difor, vent på meg, seier Herren, til den dagen eg står fram som vitne. For det er min rett å samla folkeslag og føra kongerike saman for å ausa ut harmen min over dei, all min brennande vreide. For i elden frå min lidenskap skal heile jorda øydast.

### Frelse for Israels rest

- <sup>9</sup>Då vil eg atter gje folka eit reint tungemål så dei alle kan kalla på Herrens namn og tena han skulder ved skulder.
- <sup>10</sup>Frå landet bortanfor elvane i Kusj skal dotter mi, mitt spreidde folk som tilbed meg, koma til meg med offergåver.

**11** Den dagen skal du ikkje skamma deg over alle ugjerningane du gjorde mot meg. For då tek eg skrythalsane bort frå deg. Du skal ikkje meir vera stolt på mitt heilage fjell.

**12** Eg lèt det bli att hos deg eit audmjukt og fattig folk. Dei skal ta si tilflukt til Herrens namn.

**13** Dei som er att av Israel, gjer ingen urett og talar ikkje løgn, ingen svikefull tale finst i deira munn. Når dei går på beite, kviler dei trygt, ingen skremmer dei.

**14** Bryt ut i jubel, dotter Sion! Rop av fryd, Israel! Gled deg, dotter Jerusalem, jubla av heile ditt hjarte!

**15** Herren har fria deg frå dommen, drive fiendane dine bort. Herren, Israels konge, er hos deg, du skal ikkje lenger vera redd noko vondt.

**16** Den dagen skal dei seia til Jerusalem: Sion, ver ikkje redd! Lat ikkje hendene siga!

**17** Herren din Gud er hos deg, ein helt som frelser. Han gleder og frydar seg over deg, viser deg atter sin kjærleik. Han jublar over deg med fryd

**18** som på ein høgtidsdag. Eg friar deg frå den dagen du måtte tola spott.

**19** Sjå, på den tida grip eg inn mot alle dei som plagar deg, eg bergar dei haltande, og dei bortdrivne samlar eg. Eg gjev dei eit godt namn og rykte i alle land der dei hadde vorte til skamme.

**20** På den tida fører eg dykk, då samlar eg dykk. For eg vil gje dykk eit godt namn og rykte mellom alle folk på jorda når eg for auga på dykk vender dykkar lagnad, seier Herren.

## Haggai

### Haggai 1

#### Tempelet skal byggjast opp

<sup>1</sup> I det andre regjeringsåret til kong Dareios, på den første dagen i den sjettemånaden, kom Herrens ord gjennom profeten Haggai til statthaldaren i Juda, Serubabel, son til Sjealtiel, og til øvstepresten Josva, son til Jehosadak:

<sup>2</sup> Så seier Herren over hærskarane: Dette folket seier: «Tida er ikkje komen, tida for å byggja Herrens hus.»

<sup>3</sup> Då kom Herrensord ved profeten Haggai:

<sup>4</sup> Er det tid for dykk til å bu i bordkledde hus så lenge dette huset ligg i røys?

<sup>5</sup> Men no seier Herren over hærskarane: Gjev akt på vegane dykkar!

<sup>6</sup> De sår mykje, men haustar lite, de et, men blir ikkje mette, de drikk, men sløkkjer ikkje tørsten, de kler dykk, men blir ikkje varme. Og leigekaren får si løn i ein pung med hol i.

<sup>7</sup> Så seier Herren over hærskarane: Gjev akt på vegane dykkar!

<sup>8</sup> Far opp i fjellet og hent tømmer! Bygg huset, så vil eg ha glede i det og bli æra, seier Herren.

<sup>9</sup> De ventar mykje, men sjå, det blir lite. De får avlinga i hus, men eg blæs henne bort. Kvifor? seier Herren over hærskarane. Fordi mitt hus ligg i røys medan de har det travelt med dykkar eigne hus.

<sup>10</sup> Difor held himmelen dogga tilbake, og jorda held grøda tilbake.

<sup>11</sup> Eg har kalla fram tørke over land og fjell, over korn, ny vin og fin olje, over det som marka ber fram, over menneske og dyr og over alt det hendene har slite med.

<sup>12</sup> Serubabel, son til Sjealtiel, og Josva, son til Jehosadak, øvstepresten, og alle som var att av folket, hørde på røysta til Herren sin Gud og på orda til profeten Haggai, for Herren deira Gud hadde sendt han. Og folket frykta Herren.

<sup>13</sup> Haggai, Herrens sendebod, bar fram Herrens bodskap til folket: «Eg er med dykk, seier Herren.»

<sup>14</sup> Herren vekte ein tanke hos Serubabel, son til Sjealtiel, statthaldaren i Juda, og hos Josva, son til Jehosadak, øvstepresten, og hos alle som var att av folket. Og dei kom og arbeidde på huset til sin Gud, Herren over hærskarane,

<sup>15</sup> på den tjuefjerde dagen i den sjette månaden i det andre regjeringsåret til kong Dareios.

## Haggai 2

<sup>1</sup> På den tjueførste dagen i den sjuande månaden kom Herrens ord gjennom profeten Haggai:

<sup>2</sup> Sei til Serubabel, son til Sjealtiel, statthaldaren i Juda, og til Josva, son til Jehosadak, øvstepresten, og til dei som er att av folket:

<sup>3</sup> Er det nokon att mellom dykk som har sett kor herleg dette huset var før? Og kva ser de no? Ser det ikkje ut som ingenting?

<sup>4</sup> Men no, Serubabel: Ver sterk! seier Herren. Josva, son til Jehosadak, du øvsteprest: Ver sterk! Heile folket i landet: Ver sterke! seier Herren. Gå i gang med arbeidet. For eg er med dykk, seier Herren over hærskarane.

<sup>5</sup> Denne lovnaden gav eg dykk då de drog ut frå Egypt. Min Ande er mellom dykk. Ver ikkje redde!

<sup>6</sup> For så seier Herren over hærskarane: Endå ein gong, om ei lita stund, rister eg himmel og jord, havet og det tørre landet.

<sup>7</sup> Eg rister alle folkeslag så skattane deira kjem hit. Eg fyller dette huset med herlegdom, seier Herren over hærskarane.

<sup>8</sup> Mitt er sølv, mitt er gullet, seier Herren over hærskarane.

<sup>9</sup> Dette nye huset skal bli herlegare enn det første, seier Herren over hærskarane. På denne staden skal eg gje fred, seier Herren over hærskarane.

### Ny velsigning frå Herren

<sup>10</sup>På den tjuelfjerde dagen i den niande månaden i det andre regjeringsåret til Dareios kom Herrens ord til profeten Haggai:

<sup>11</sup>Så seier Herren over hærskarane: Spør prestane om rettleiing:

<sup>12</sup>«Om nokon ber heilagt kjøt i kappefliken og fliken kjem borti brød eller kokt mat eller vin eller olje eller annan mat, blir då dette heilagt?» Prestane svara: «Nei.»

<sup>13</sup> Så spurde Haggai: «Men om nokon har vorte urein gjennom å røra ved eit lik og han så kjem borti noko av dette, blir det då ureint?» Prestane svara: «Ja, det blir ureint.»

<sup>14</sup>Haggai tok til ords og sa: Slik er dette folket, slik er dette folkeslaget for mitt andlet, seier Herren. Slik er alt dei gjer med hendene, og det dei ber fram der: Det er ureint.

<sup>15</sup>Men no, gjev akt på det som hender frå og med i dag! Før stein vart lagd på stein i Herrens tempel,

<sup>16</sup>korleis gjekk det dykk då? Ein som kom til ein kornbinge på tjue mål, fann berre ti. Ein som kom for å ausa opp femti spann frå ei vinpresse, fann berre tjue.

<sup>17</sup> Eg slo dykk med kornsot og svartrust og med hagl over alt de gjer med hendene. Men de kom ikkje til meg, seier Herren.

<sup>18</sup> Gjev akt på det som hender frå og med i dag, frå den tjuelfjerde dagen i den niande månaden, frå den dagen då grunnsteinen til Herrenstempel vart lagd. Gjev akt på dette!

<sup>19</sup>Ligg såkornet framleis i kornkummen? Står vinstokken og fikentreet, granatapalen og oliventreet framleis utan frukt? Frå og med i dag vil eg velsigna.

### **Serubabel, Herrens tenar**

<sup>20</sup>Herrens ord kom for andre gong til Haggai på den tjuelfjerde dagen i månaden:



<sup>21</sup> Sei til Serubabel, statthaldaren i Juda: Eg rister himmel og jord.

<sup>22</sup> Eg støyter ned kongstolar og gjer ende på mektige rike mellom folkeslaga. Eg velter stridsvogn og mannskap. Hestar og ryttarar skal stupa, den eine fell for sverdet til den andre.

<sup>23</sup> Den dagen, seier Herren over hærskarane, tek eg deg, min tenar Serubabel, son til Sjealtiel – seier Herren – og gjer deg til ein signetring. For deg har eg valt ut, seier Herren over hærskarane.

## Sakarja

### Sakarja 1

#### Vend om

<sup>1</sup> I den åttande månaden i det andre styringsåret til Dareios kom Herrens ord til profeten Sakarja, son til Berekja, son til Iddo:

<sup>2</sup> Herren var harm på fedrane dykkar.

<sup>3</sup> Du skal seia til folket: Så seier Herren over hærskarane: Vend attende til meg, seier Herren over hærskarane, så vil eg venda attende til dykk, seier Herren over hærskarane.

<sup>4</sup> Ver ikkje lik fedrane dykkar. Dei tidlegare profetane ropa ut for dei: «Så seier Herren over hærskarane: Vend no om frå dei vonde vegane og dei vonde gjerningane dykkar!» Men dei høyrde ikkje og lytta ikkje til meg, seier Herren.

<sup>5</sup> Fedrane dykkar, kvar er dei? Og profetane, lever dei evig?

<sup>6</sup> Dei boda og forskriftene som eg påla tenarane mine, profetane, har ikkje dei nådd fedrane dykkar? Så vende dei om og sa: «Herren over hærskarane har gjort det han hadde sett seg føre å gjera med oss, slik vår ferd og våre gjerningar har fortent.»

#### Første syn: ryttarane

<sup>7</sup> På den tjuefjerde dagen i den ellefte månaden, det er månaden sjebat, i det andre året til Dareios kom Herrens ord til profeten Sakarja, son til Berekja, son til Iddo:

<sup>8</sup> I natt såg eg, og sjå! – ein mann sat på ein raud hest som stod mellom myrtebuskane i kløfta. Bak han var det raude, raudbrune og kvite hestar.

<sup>9</sup> Då sa eg: «Kva med desse, herre?» Engelen som tala med meg, svara: «Eg skal visa deg kva dette er.»

<sup>10</sup> Mannen som stod mellom myrtane, tok til ords og sa: «Dette er dei Herren har sendt så dei skal fara omkring på jorda.»

<sup>11</sup>Dei svara Herrens engel som stod mellom myrtane: «Vi har fare omkring på jorda, og sjå, heile jorda ligg i ro.»

<sup>12</sup> Herrens engel svara: «Herre over hærskarane, kor lenge vil det vara før du viser miskunn mot Jerusalem og byane i Juda, som du har vore harm på i desse sytti åra?»

<sup>13</sup>Og Herren svara engelen som tala med meg, med gode og trøystande ord.

<sup>14</sup> Så sa engelen som tala med meg: Rop ut: Så seier Herren over hærskarane: Eg er full av lidenskap for Jerusalem og Sion,

<sup>15</sup> stor er harmen min mot dei sjølv gode folkeslaga. For eg var berre litt harm, men dei hjelpte ulukka fram.

<sup>16</sup> Difor seier Herren: Eg vender attende til Jerusalem med miskunn. Der skal huset mitt byggjast, seier Herren over hærskarane, og målesnor strekkjast ut over Jerusalem.

<sup>17</sup>Rop ut endå ein gong: Så seier Herren over hærskarane: Endå ein gong skal byane mine fløyma over av det som godt er. Endå ein gong skal Herren trøysta Sion, velja ut Jerusalem endå ein gong.

## Sakarja 2

### Andre syn: horna og smedane

<sup>1</sup>Eg lyfte auga. Eg såg, og sjå! – fire horn.

<sup>2</sup>Då sa eg til engelen som tala med meg: «Kva er dette?» Han svara: «Dette er dei horna som har spreidd Juda, Israel og Jerusalem.»

<sup>3</sup>Så viste Herren meg fire smedar.

<sup>4</sup>Då spurde eg: «Kva er det dei kjem for å gjera?» Han svara: «Dette er horna som spreidde Juda så ingen kunne lyfta hovudet. Men no er desse komne for å setja skrekk i dei; dei skal slå til jorda horna på dei folkeslaga som lyfte horn mot Juda og spreidde det.»

### Tredje syn: målesnora

<sup>5</sup>Eg lyfte auga. Eg såg, og sjå! – ein mann med målesnor i handa.

<sup>6</sup>Eg sa: «Kvar skal du av?» Han svara: «Eg skal måla Jerusalem og sjå kor brei og kor lang byen skal vera.»

<sup>7</sup>Og sjå, engelen som tala med meg, gjekk fram, og ein annan engel gjekk til møtes med han

<sup>8</sup>og sa: Spring bort og sei til den unge mannen der: Jerusalem skal liggja utan murar, så mykje folk og buskap skal det vera i byen.

<sup>9</sup>Eg skal sjølv vera ein eldmur kring byen, seier Herren, eg skal visa min herlegdom der inne.

#### **Herren kallar på dei bortførte**

<sup>10</sup>Ve, ve! Røm frå landet i nord! seier Herren. Eg har spreidd dykk for himmelens fire vindar, seier Herren.

<sup>11</sup>Ve deg, Sion, berg deg, du som bur hos dotter Babel!

<sup>12</sup>For så seier Herren over hærskarane, den herlege, etter at han sende meg til folkeslaga som plyndra dykk: Den som rører dykk, rører ved min augnestein.

<sup>13</sup>For sjå, eg lyfter handa mot dei, og dei blir til bytte for slavane sine. Då skal de kjenna at Herren over hærskarane har sendt meg.

<sup>14</sup>Fryd deg, ver glad, dotter Sion! For sjå, eg kjem og tek bustad hos deg, seier Herren.

<sup>15</sup>Mange folkeslag skal slutta seg til Herren den dagen. Dei skal vera mitt folk, og eg skal ta bustad hos deg. Då skal du kjenna at Herren over hærskarane har sendt meg til deg.

<sup>16</sup>Herren skal ta Juda i arv som sin eigedom på heilag jord og velja ut Jerusalem endå ein gong.

<sup>17</sup>Ver still for Herren, alt som lever! For han tek ut frå sin heilage bustad.

### **Sakarja 3**

#### **Fjerde syn: øvstepresten Josva**

<sup>1</sup> Han viste meg øvstepresten Josva, som stod framfor Herrensengel, medan Satan stod på høgre sida hans og førte klagemål mot han.

<sup>2</sup> Herren sa til Satan: «Herren refsar deg, Satan! Herren, som har valt ut Jerusalem, refsar deg! Sanneleg, denne mannen er ei vedskie raka ut or elden.»

<sup>3</sup> Josva var kledd i skitne klede der han stod framfor engelen.

<sup>4</sup> Engelen tok til ords og sa til dei som stod framfor han: «Ta av han dei skitne kleda!» Til Josva sa han: «Sjå, eg tek bort skulda di og kler deg i festklede.»

<sup>5</sup> Då sa eg: «Set ein rein turban på hovudet hans!» Dei sette den reine turbanen på hovudet hans og tok på han kleda medan Herrens engel stod der.

<sup>6</sup> Så gav Herrens engel denne lovnaden til Josva:

<sup>7</sup> Så seier Herren over hærskarane: Går du på mine vegar og tek deg av tenesta for meg, skal du få styra mitt hus og vakta føregardane mine. Eg gjev deg tilgang mellom dei som står her.

<sup>8</sup> Så høyr, Josva, øvsteprest! Du og dei andre prestane som sit framfor deg, er eit varsel. For sjå, eg lèt min tenar Spire koma.

<sup>9</sup> Sjå, eg ritar ei innskrift på den steinen eg har lagt framfor Josva, denne eine steinen med sju auge, seier Herren over hærskarane. Eg stryk ut skulda til dette landet på ein einaste dag.

<sup>10</sup> Den dagen, seier Herren over hærskarane, skal de be kvarandre inn under vinstokk og fikentre.

## Sakarja 4

### Femte syn: lysestaken og oliventrea

<sup>1</sup> Engelen som tala med meg, vekte meg ein gong til, som når ein blir vekt frå søvnen.

<sup>2</sup> Han sa: «Kva ser du?» Eg svara: «Eg ser ein lysestake av reint gull, med ei skål øvst oppe. Ho har sju lamper. Lampene har sju røyr til veiken, til lampene øvst oppe.

- <sup>3</sup> Attmed staken står to oliventre, eitt til høgre og eitt til venstre for skåla.»
- <sup>4</sup> Eg tok til ords og spurde engelen som tala med meg: «Kva er dette, herre?»
- <sup>5</sup> Engelen som tala med meg, sa: «Veit du ikkje kva dette er?» Eg sa: «Nei, herre.»
- <sup>6</sup> Då svara han: Dette er Herrens ord til Serubabel: Ikkje med makt og ikkje med kraft, men med min Ande, seier Herren over hærskarane.
- <sup>7</sup> Kven er vel du, store fjell? Framfor Serubabel skal du bli til ei slette. Han skal føra fram sluttsteinen under jubelrop: «Nåde, nåde vere med han!»
- <sup>8</sup> Herrens ord kom til meg:
- <sup>9</sup> Serubabels hender har tufta dette huset, og hendene hans skal fullføra det. Då skal du kjenna at Herren over hærskarane har sendt meg til dykk.
- <sup>10</sup> For dei som viste forakt den dagen det tok til i det små, skal gleda seg når dei får sjå blysteinen i Serubabels hand. – Dei sju, det er Herrens auge som fer over heile jorda.
- <sup>11</sup> Då tok eg til ords og spurde han: «Kva tyder dei to oliventrea som står til høgre og til venstre for lysestaken?»
- <sup>12</sup> Eg tok til ords for andre gong og spurde: «Kva tyder dei to olivenkvistene attmed dei to gullrøyra som leier den gylne oljen ned frå dei?»
- <sup>13</sup> Han sa: «Veit du ikkje kva dette er?» «Nei, herre», svara eg.
- <sup>14</sup> Då sa han: «Dette er dei to som er salva med olje. Dei står framfor han som er herre over heile jorda.»

## Sakarja 5

### Sjette syn: bokrullen

- <sup>1</sup> Eg lyfte atter auga. Eg såg, og sjå! – ein flygande bokrull.
- <sup>2</sup> Engelen spurde: «Kva ser du?» Eg svara: «Eg ser ein flygande bokrull, tjue alner lang og ti alner brei.»

<sup>3</sup>Han sa: «Dette er forbanninga som går ut over heile landet. Enno har ikkje dei som stel, fått straff etter forbanninga, og heller ikkje dei som sver.

<sup>4</sup>No sender eg henne ut, seier Herren over hærskarane. Ho skal koma inn i huset til den som stel, og inn i huset til den som sver falskt ved mitt namn. Ho skal slå seg til i huset og øydeleggja det, både treverk og stein.»

#### **Sjuande syn: kvinna i efa-målet**

<sup>5</sup>Engelen som tala med meg, steig fram og sa til meg: «Lyft no auga og sjå kva som kjem.»

<sup>6</sup>Eg spurde: «Kva er dette?» Han svara: «Det er efa-målet som nærmar seg.» Så sa han: «Dette er all skulda i landet.»

<sup>7</sup>Og sjå, blyloket lyfte seg, og det sat ei kvinne i efaen!

<sup>8</sup>«Dette er lovløysa», sa han. Så kasta han henne ned att i efaen og la blysteinen over opninga.

<sup>9</sup>Eg lyfte auga. Eg såg, og sjå! – to kvinner nærma seg. Vinden fylte vengene deira, dei hadde venger som storken. Dei lyfte efaen opp mellom jord og himmel.

<sup>10</sup>Då spurde eg engelen som tala med meg: «Kvar fer dei med efa-målet?»

<sup>11</sup> Han svara: «Dei skal byggja eit hus til henne i Sinear-landet. Når det er ferdig, skal ho stillast opp der på sokkel.»

## **Sakarja 6**

#### **Åttande syn: dei fire vognene**

<sup>1</sup>Eg lyfte atter auga. Eg såg, og sjå! – fire vogner drog ut mellom to fjell, fjella var av bronse.

<sup>2</sup>Framfor den første vogna var det raude hestar, framfor den andre vogna svarte hestar,

<sup>3</sup>framfor den tredje vogna var det kvite hestar, framfor den fjerde vogna flekkete, sterke hestar.

<sup>4</sup>Då tok eg til ords og spurde engelen som tala med meg: «Kva er dette, herre?»

<sup>5</sup>Engelen svara: «Dette er dei fire himmelvindane, som fer ut etter at dei har stige fram for han som er herre over heile jorda.

<sup>6</sup>Vogna med dei svarte hestane fer mot landet i nord, og dei kvite fer etter. Dei flekkete fer mot landet i sør.»

<sup>7</sup>Då fór dei sterke hestane ut, ivrige etter å fara omkring på jorda. Då sa han: «Av stad! Far omkring på jorda!» Så fór dei omkring på jorda.

<sup>8</sup>Han ropa til meg og sa: «Sjå, dei som fer mot landet i nord, lèt min ande slå seg ned der nord.»

<sup>9</sup>Herrens ord kom til meg:

<sup>10</sup> Ta imot gåver frå dei som er i eksil, frå Heldai, Tobia og Jedaja. Den dagen skal du gå inn i huset til Josjia, son til Sefanja, til dei som er komne frå Babel.

<sup>11</sup>Du skal ta imot sølv og gull, laga ei krone og setja henne på hovudet til øvstepresten Josva, son til Jehosadak.

<sup>12</sup> Du skal seia til han: Så seier Herren over hærskarane: Sjå, ein mann, Spire er namnet hans. Under han skal det spira. Han skal byggja Herrens tempel,

<sup>13</sup> ja, han skal byggja Herrens tempel, han skal vinna herlegdom og sitja og herska på si trone. Ein prest òg skal ha si trone. Mellom dei to skal det rå fred.

<sup>14</sup>Krona skal vera til minne om Helem, Tobia, Jedaja og Hen, son til Sefanja, i Herrens tempel.

<sup>15</sup> Folk frå fjerne land skal koma og byggja på Herrens tempel. Då skal de kjenna at Herren over hærskarane har sendt meg til dykk. Dette skal skje om de lyder røysta til Herren dykkar Gud.

## Sakarja 7

**Heller rettferd enn faste**



- <sup>1</sup> Det var i det fjerde styringsåret til kong Dareios. Herrens ord kom til Sakarja på den fjerde dagen i den niande månaden, i kislev.
- <sup>2</sup> Betel hadde sendt Sareser og Regem-Melek og mennene hans for å be om velvilje for Herrens andlet.
- <sup>3</sup> Dei skulle spørja prestane i huset til Herren over hærskarane og profetane: «Skal eg gråta og leva fråhaldande i den femte månaden, som eg har gjort i så mange år?»
- <sup>4</sup> Då kom ordet frå Herren over hærskarane til meg:
- <sup>5</sup> Sei til heile folket i landet og til prestane: «De har fasta og klaga i den femte og i den sjuande månaden, og det i sytti år, men var det meg de fasta for då?»
- <sup>6</sup> De et og drikk, men er det ikkje for dykkar eigen del de et og drikk?»
- <sup>7</sup> Var det ikkje desse orda Herren ropa ut gjennom dei tidlegare profetane, den gongen folk budde trygt i Jerusalem og i byane rundt omkring henne, då det budde folk i Negev og låglandet?
- <sup>8</sup> Herrens ord kom til Sakarja:
- <sup>9</sup> Så seier Herren over hærskarane: Døm sant og rett, vis kjærleik og miskunn mot kvarandre!
- <sup>10</sup> De skal ikkje undertrykkja enkjer og farlause, innflyttarar og fattige! De skal ikkje tenkja ut vondt mot kvarandre i hjartet.
- <sup>11</sup> Men dei nekta å lytta, snudde ryggen til i trass og gjorde øyra døde.
- <sup>12</sup> Dei gjorde hjartet hardt som flint og ville ikkje høyra på lova og orda som Herren over hærskarane hadde sendt ved sin Ande gjennom dei tidlegare profetane. Då vart Herren over hærskarane mektig harm.
- <sup>13</sup> Når han ropa, ville dei ikkje høyra. «Så, når dei ropar, vil heller ikkje eg høyra», sa Herren over hærskarane.
- <sup>14</sup> «Eg vil blåsa dei bort mellom alle folkeslaga som dei ikkje kjenner. Landet skal liggja audt etter dei, ingen skal koma og gå. Slik gjorde dei det herlege landet til ei øydemark.»

## Sakarja 8

### Frelese kjem til Sion

- <sup>1</sup>Då kom ordet frå Herren over hærskarane:
- <sup>2</sup>Så seier Herren over hærskarane: Eg brenn for Sion med stor lidenskap, med stor harme brenn eg for henne.
- <sup>3</sup>Så seier Herren: Eg vender tilbake til Sion, eg vil bu i Jerusalem. Jerusalem skal kallast Den trufaste byen, og fjellet til Herren over hærskarane skal kallast Det heilage fjellet.
- <sup>4</sup>Så seier Herren over hærskarane: Atter skal gamle menn og kvinner sitja på torga i Jerusalem, alle med stav i hand fordi dei er så gamle.
- <sup>5</sup>Torga i byen skal fyllast av gutar og jenter som leikar.
- <sup>6</sup>Så seier Herren over hærskarane: Om dette ser umogleg ut for dei som er att av folket på den tida, skulle det vera umogleg for meg? seier Herren over hærskarane.
- <sup>7</sup>Så seier Herren over hærskarane: Sjå, eg frelser folket mitt frå landet der sol går opp, og frå landet der sol går ned.
- <sup>8</sup>Eg fører dei inn, dei skal bu i Jerusalem, dei skal vera mitt folk, og eg skal vera deira Gud i truskap og rettferd.
- <sup>9</sup>Så seier Herren over hærskarane: Ta mot til dykk, de som i desse dagar høyrer orda frå munnen til profetane, som dei tala den dagen då grunnmuren vart lagd til huset til Herren over hærskarane, då tempelet skulle byggjast.
- <sup>10</sup>For før den tid hadde folk ikkje noko att for strevet sitt, og dyra fekk ingenting att for sitt. Verken den som gjekk eller den som kom, fekk vera i fred for fienden, for eg sleppte alle menneske laus på kvarandre.
- <sup>11</sup>Men no vil eg ikkje vera som før i tida mot dei som er att av dette folket, seier Herren over hærskarane.

<sup>12</sup> For i fred skal såkornet veksa, vinstokken skal bera frukt, jorda gje grøde og himmelen dogg. Eg skal gje alt dette til eige dom for dei som er att av dette folket.

<sup>13</sup> Slik de har vore ei forbanning mellom folkeslaga – du Judas hus og du Israels hus – slik skal de bli ei velsigning når eg frelser dykk. Ver ikkje redde, men ta mot til dykk!

<sup>14</sup> For så seier Herren over hærskarane: Slik eg planla vondt mot dykk den gongen fedrane dykkar vekte harmen min, seier Herren over hærskarane, og eg ikkje angra,

<sup>15</sup> slik har eg i desse dagar tvert om planlagt å gjera vel mot Jerusalem og Judas hus. Ver ikkje redde!

<sup>16</sup> Dette er boda de skal halda: Snakk sant med kvarandre! Døm rett og sant i byportane, fell dommar som skaper fred.

<sup>17</sup> Tenk ikkje ut vondt mot kvarandre i hjartet, elsk ikkje falsk eid! For alt slikt hatar eg, seier Herren.

<sup>18</sup> Då kom ordet frå Herren over hærskarane til meg:

<sup>19</sup> Så seier Herren over hærskarane: Fasta i den fjerde, femte, sjuande og tiande månaden skal bli til fryd og glede for Judas hus og til glade høgtidsdagar. Elsk sanning og fred!

<sup>20</sup> Så seier Herren over hærskarane: Endå ein gong skal folka koma, dei som bur i store byar.

<sup>21</sup> Dei som bur i éin by, skal fara til ein annan og seia: «Kom, lat oss gå og be om velvilje for Herrens andlet, søkja Herren over hærskarane! Eg òg vil gå med.»

<sup>22</sup> Mange folk og mektige folkeslag skal koma og søkja Herren over hærskarane i Jerusalem og be om velvilje for Herrens andlet.

<sup>23</sup>Så seier Herren over hærskarane: I dei dagane skal ti mann av alle språk og folkeslag gripa tak i kappefliken til ein judeisk mann og seia: «Lat oss få gå med dykk, for vi har høyrte at Gud er med dykk.»

## Sakarja 9

### Guds dom over Israels fiendar

<sup>1</sup> Ein bodskap. Herrens ord er i Hadrak-landet, i Damaskus har det sin bustad, for menneska og alle Israels stammar vender auga mot Herren.

<sup>2</sup> Slik med grannelandet Hamat òg, og Tyros og Sidon, med all deira visdom.

<sup>3</sup> Tyros bygde seg ei festning, hauga opp sølv som mold og gull som søle i gata.

<sup>4</sup> Sjå, Herren vil ta byen og slå styrkane hennar på sjøen. Byen skal øydast i eld.

<sup>5</sup> Asjkalon skal sjå det og reddast, Gaza skal vri seg i smerte, Ekron òg, for hennar von blir til skamme. Gaza skal mista sin konge, i Asjkalon skal ingen bu.

<sup>6</sup> Det skal bu blandingsfolk i Asjdod. Eg gjer ende på det filistrane er stolte av.

<sup>7</sup> Eg skal fjerna blodet dei har i munnen, og det motbydelege dei tygg på. Men dei som blir att, skal høyra vår Gud til og vera som ei slekt i Juda, med Ekron skal det gå som med jebusittane.

<sup>8</sup> Eg skal slå leir omkring huset mitt til vern mot dei som rykkjer fram og tilbake. Aldri meir skal nokon undertrykkjar rykkja fram mot dei. For no har eg sett det med egne auge.

### Fredskongen på Sion

<sup>9</sup> Bryt ut i jubel, dotter Sion! Rop av glede, dotter Jerusalem! Sjå, kongen din kjem til deg, rettferdig og rik på siger, fattig er han og rid på eit esel, på ein eselfole.

**10** Eg vil rydda ut vognene i Efraim og hestane i Jerusalem, stridsbogen skal brytast sund. Han skal tala fred for folkeslaga, hans velde skal nå frå hav til hav, frå Storelva til endane av jorda.

#### **Herren skal verna folket sitt**

**11** Og du, i kraft av blodpakta med deg set eg fangane dine fri frå brønnen utan vatn.

**12** Vend heim til borga, de fangar som har von! I dag forkynner eg: Eg gjev deg dobbelt att.

**13** For eg spenner Juda som ein boge og legg Efraim på som pil. Eg skal slyngja dine søner, Sion, mot dine søner, Javan. Eg gjer deg lik sverdet til ein krigar.

**14** Herren skal syna seg for dei, pila hans skyta ut som lynet. Herren Gud skal blåsa i hornet og fara fram i stormvind frå sør.

**15** Herren over hæskarane skal vera skjold for dei. Slyngjesteinane skal fortæra og tvinga i kne, drikka blod som var det vin, fylte som offerskåler, tilsmurde som hjørna på altaret.

**16** Herren deira Gud skal berga dei den dagen, folket hans skal vera som ein saueflokk. Som kronjuvelar skal dei glima over landet hans.

**17** Kor godt og vakkert det er! Korn og ny vin får gutar og jenter til å bløma.

## **Sakarja 10**

### **Tomme ord og falske syn**

**1** Be Herren om regn i tida for vårregnet. Herren skaper uvêrsskyer, gjev menneska regnskurer og vokstrar på marka.

**2** For terafane har tala tomme ord, spåmennene har hatt falske syn og fortalt draumar utan innhald. Trøysta dei gav, var ingenting verd. Difor måtte dei driva omkring som sauer og lida naud, for dei var utan gjetar.

### **Israel skal samlast att**

<sup>3</sup>Mot gjetarane logar harmen min, og bukkane vil eg straffa. Men Herren over hærskarane vil sjå til flokken sin, Judas hus, og gjera dei til sin stolte stridshest.

<sup>4</sup> Derifrå kjem hjørnesteinen, derifrå kjem teltpluggen, derifrå kjem stridsbogen, derifrå skal kvar herskar koma.

<sup>5</sup> Dei skal likna heltar i striden, trampa fienden ned som søle i gata. Dei skal føra krig, for Herren er med dei. Ryttrarane skal bli til skamme.

<sup>6</sup> Eg vil gjera Judas hus sterkt, og Josefs hus bergar eg. Eg fører dei tilbake, for eg viser dei miskunn. Det skal vera som om eg aldri hadde støytt dei bort, for eg er Herren deira Gud, eg skal svara dei.

<sup>7</sup> Dei skal vera som heltar frå Efraim, hjartet deira skal gleda seg som av vin. Borna skal sjå det og gleda seg og hjarta deira jubla i Herren.

<sup>8</sup> Eg plystrar på dei og samlar dei, for eg friar dei ut. Dei skal bli mange, slik dei ein gong var.

<sup>9</sup> Sår eg dei ut mellom folka, skal dei minnast meg langt borte. Dei skal leva saman med borna sine og koma tilbake.

<sup>10</sup> Eg skal føra dei heim att frå Egypt, og frå Assur skal eg samla dei. Eg skal leia dei til Gilead-landet og Libanon, men det finst ikkje nok plass til dei.

<sup>11</sup> Han skal kryssa det opprørte havet og slå bølgiene ned. Alle djupa i Nilen skal tørkast ut. Det Assur er stolt av, skal støytast ned, septeret skal vika frå Egypt.

<sup>12</sup> Eg vil gjera dei sterke i Herren, og dei skal ferdast i hans namn, seier Herren.

## Sakarja 11

### Stormaktene fell

<sup>1</sup> Lat opp dørene, Libanon, så eld kan øyda dine sedertre!

<sup>2</sup> Klag, du syppress! For sederen er fallen, dei veldige trea øydelagde. Klag, de eiketree i Basan! For den tette skogen er felt.

<sup>3</sup>Høyr kor gjetarane klagar, for herlegdomen deira er øydelagd. Høyr kor dei unge løvene brøler, for det Jordan er stolt av, er lagt øyde.

### Dei to gjetarane og dei to stavane

<sup>4</sup>Så seier Herren min Gud: «Gjet slaktesauene!»

<sup>5</sup>Kjøparane slaktar dei uten å kjenna skuld, seljarane seier: «Velsigna er Herren, eg vart rik!» og deira eigne gjetarar sparer dei ikkje.

<sup>6</sup>«For eg vil ikkje lenger spara dei som bur i landet», seier Herren. «Sjå, eg gjev menneska over i hendene på kvarandre og i hendene på kongen deira. Dei skal knusa landet, og eg vil ikkje berga nokon frå deira hand.»

<sup>7</sup>Så gjette eg slaktesauene for sauehandlarane. Eg tok meg to stavar. Den eine kalla eg Godvilje, den andre kalla eg Semje, og eg gjette sauene. –

<sup>8</sup>Eg rydda av vegen dei tre gjetarane på ein månad. Eg mista tolmodet med sauene, og dei vart trøytt av meg òg.

<sup>9</sup>Eg sa: «Eg vil ikkje gjeta dykk. Dei som held på å døy, får døy. Dei som går til grunne, får gå til grunne. Dei som er att, får eta kjøtet av kvarandre.»

<sup>10</sup>Så tok eg staven min Godvilje og knekte han. Eg ville bryta den pakta som eg hadde gjort med alle folka.

<sup>11</sup>Og ho vart broten den dagen. Då skjøna sauehandlarane som vakta på meg, at dette var Herrens ord.

<sup>12</sup>Eg sa til dei: «Om de finn det for godt, så gjev meg løna mi. Dersom ikkje, så lat det vera.» Då vog dei opp løna mi, tretti sølvstykke.

<sup>13</sup>Men Herren sa til meg: «Kast dei inn i skattkammeret, den kostelege summen eg er verd for dei.» Og eg tok dei tretti sølvstykk og kasta dei inn i Herrens hus, i skattkammeret.

<sup>14</sup>Så knekte eg av den andre staven, Semje, for å bryta brorskapen mellom Juda og Israel.

<sup>15</sup>Herren sa til meg: «Utstyr deg no som ein duglaus gjetar!»

<sup>16</sup> For sjå, eg reiser opp ein gjetar i landet. Han leitar ikkje etter dei tapte, søkjer ikkje opp dei spreidde, lækjer ikkje dei skadde, fôrar ikkje dei friske, men et kjøtet av dei beste dyra og kløyver til og med klauvene på dei.»

<sup>17</sup>Ve den dårlege gjetaren min som forlèt flokken! Sverd mot hans arm, mot hans høgre auge! Armen skal visna, høgre auge blindast.

## Sakarja 12

### Jerusalem, kringsett og utfria

<sup>1</sup>Ein bodskap, Herrens ord om Israel. Herren, som spente ut himmelen, grunnla jorda og skapte ånda i mennesket, seier:

<sup>2</sup>Sjå, eg gjer Jerusalem til eit giftbeger for alle folka rundt omkring. Også Juda blir ramma når Jerusalem blir kringsett.

<sup>3</sup>Den dagen gjer eg Jerusalem til ein tung stein å lyfta for alle folk. Alle som prøver å lyfta han, skal riva seg til blods. Men alle folkeslag på jorda skal samla seg mot henne.

<sup>4</sup>Den dagen, seier Herren, slår eg alle hestane med forvirring og ryttrarane med galskap. Men eg vil la auga mine vaka over Judas hus og slå alle hestane til folka med blindskap.

<sup>5</sup>Då skal hovdingane i Juda seia i hjartet: «Dei som bur i Jerusalem, er sterke i sin Gud, Herren over hærskarane.»

<sup>6</sup>Den dagen gjer eg hovdingane i Juda lik eit fyrfat i ein vedhaug og lik ein brennande fakkell mellom kornband. Dei skal øyda, til høgre og til venstre, alle folka omkring. Men folket i Jerusalem skal framleis få bu i Jerusalem.

<sup>7</sup>Herren vil først berga telta til Juda, så ikkje Davids hus og dei som bur i Jerusalem, får større heider enn Juda.

<sup>8</sup>Den dagen skal Herren vera skjold for dei som bur i Jerusalem. Den som snublar den dagen, skal vera som David, og Davids hus som ein gud, som Herrensengel framfor dei.

<sup>9</sup>Den dagen aktar eg å utrydda alle dei folkeslag som kjem mot Jerusalem.



<sup>10</sup> Men over Davids hus og dei som bur i Jerusalem, auser eg ut ei nåde- og bønneånd. Då skal dei sjå på meg, på han som dei har gjennomstunge. Dei skal klaga over han liksom ein klagar over einaste sonen, og sørgja sårt over han liksom ein sørgjer over den førstefødde.

<sup>11</sup> Den dagen skal klaga i Jerusalem vera like stor som klaga over Hadad-Rimmon i Megiddo-dalen.

<sup>12</sup> Landet skal halda klage, kvar slekt for seg: Davids hus for seg og kvinnene deira for seg, Natans hus for seg og kvinnene deira for seg,

<sup>13</sup> Levis hus for seg og kvinnene deira for seg, Sjimis hus for seg og kvinnene deira for seg,

<sup>14</sup> alle dei andre slektene kvar for seg og kvinnene deira for seg.

## Sakarja 13

### Kjelda som reinsar

<sup>1</sup> Den dagen skal det vera ei open kjelde for Davids hus og for dei som bur i Jerusalem, til å reinsa bort synd og ureinskap.

<sup>2</sup> Den dagen, seier Herren over hærskarane, slettar eg ut namna på avgudane frå landet, så dei aldri skal minnast meir. Jamvel profetane og den ureine ånda vil eg få bort frå landet.

<sup>3</sup> Om nokon framleis talar profetisk, skal far og mor hans, som sette han til verda, seia til han: «Du får ikkje leva, for du har tala løgn i Herrens namn.» Og far og mor hans, som sette han til verda, skal stikka han ned fordi han har tala profetisk.

<sup>4</sup> Den dagen skal kvar profet skjemmast over syna sine når han profeterer, og han skal ikkje kle seg i løden kappe for å lyga.

<sup>5</sup> Han skal seia: «Eg er ikkje profet, eg er jorddyrkar, frå ungdomen av har eg dyrka jorda.»

<sup>6</sup> Spør nokon han: «Kva er det for sår du har på kroppen?» kjem han til å svara: «Eg vart skadd i huset til venene mine.»

### Ein reinsa rest

<sup>7</sup>Sverd, vakna mot gjetaren min, mot mannen som står meg nær, seier Herren over hærskarane. Slå gjetaren så sauene spreiest! Eg lyfter handa mot dei minste.

<sup>8</sup>Det skal skje i heile landet, seier Herren, at to tredjedelar skal ryddast ut og døy, men ein tredjedel skal bli att.

<sup>9</sup>Den tredjedelen fører eg gjennom eld, eg reinsar han som ein reinsar sølv, eg prøver han som ein prøver gull. Dei skal kalla på mitt namn, og eg skal svara dei. Eg skal seia: «Dei er mitt folk», og dei skal svara: «Herren er vår Gud.»

## Sakarja 14

### Den siste krigen

<sup>1</sup>Sjå, det kjem ein Herrens dag. Då skal dei dela krigsbyttet dei røva hos deg.

<sup>2</sup>Eg vil samla alle folkeslaga til krig mot Jerusalem. Byen skal bli teken, husa plyndra og kvinnene valdtekne. Halve byen må gå i eksil, men resten av folket skal ikkje ryddast ut frå byen.

<sup>3</sup>Herren skal fara ut og føra krig mot desse folkeslaga slik han før har ført krig på stridens dag.

<sup>4</sup>Den dagen skal han stå med føtene på Oljeberget som ligg rett mot Jerusalem, i aust. Oljeberget skal rivna i to frå aust til vest, og det skal bli ein veldig dal. Den eine halvparten av fjellet vik mot nord og den andre mot sør.

<sup>5</sup>Då skal de rømme gjennom fjelldalen min, for dalen mellom fjella skal nå heilt til Asal. De skal rømme slik de rømde for jordskjelvet i dei dagane då Ussia var konge i Juda. Då skal Herren min Gud koma, og alle dei heilage med han.

<sup>6</sup>Den dagen skal det ikkje vera lys, berre kulde og frost.

<sup>7</sup>Det skal vera éin lang dag – Herren kjenner han – ikkje dag og natt, ved kveldstid skal det vera lyst.

<sup>8</sup> Den dagen skal det renna levande vatn ut frå Jerusalem, halvparten til havet i aust, halvparten til havet i vest. Slik skal det vera både sommar og vinter.

<sup>9</sup> Då skal Herren vera konge over heile jorda. Den dagen skal Herren vera éin og namnet hans eitt.

<sup>10</sup> Heile landet skal bli som Araba-sletta, frå Geba til Rimmon, sør for Jerusalem. Men byen skal liggja høgt på sin stad, frå Benjamin-porten til den staden der Gamleporten var, til Hjørneporten, frå Hananel-tårnet til kongens vinpresser.

<sup>11</sup> Der skal det bu folk. Byen skal ikkje vera bannlyst meir. Jerusalem skal liggja trygt.

<sup>12</sup> Dette er den plaga Herren lét råka alle dei folka om dei går til krig mot Jerusalem: Han skal la kjøtet rotna på dei medan dei enno står på føtene. Auga skal rotna i hòlene sine og tunga rotna i munnen på dei.

<sup>13</sup> Den dagen kjem det ei stor Herrens forvirring over dei, så dei grip fatt i kvarandre og slåst mann mot mann.

<sup>14</sup> Også Juda skal strida mot Jerusalem. – Rikdomen frå alle folkeslaga omkring skal samlast inn, gull og sølv og klede i store mengder. –

<sup>15</sup> Den same plaga skal råka hesten, muldyret, kamelen, eselet og alle andre dyr som er i leirane.

<sup>16</sup> Då skal dei som blir att av alle folkeslaga som kom mot Jerusalem, år etter år fara opp for å tilbe kongen, Herren over hærskarane, og feira lauvhyttefesten.

<sup>17</sup> Om nokon av slektene på jorda ikkje fer opp til Jerusalem for å tilbe kongen, Herren over hærskarane, skal regnet ikkje falla over dei.

<sup>18</sup> Det skal heller ikkje falla over egyptarane om dei ikkje fer opp og ikkje kjem. Dei skal råkast av same plaga som Herren lét råka dei folkeslaga som ikkje fer opp for å feira lauvhyttefesten.

<sup>19</sup>Dette skal vera straffa for Egypt og alle folkeslaga som ikkje fer opp for å feira lauvhyttfesten.

<sup>20</sup> Den dagen skal det stå «Helga til Herren» på bjøllene til hestane, og grytene i Herrens hus skal vera som offerskålene framfor altaret.

<sup>21</sup>Då skal alle grytene i Jerusalem og Juda vera helga til Herren over hærskarane. Og alle som ofrar, skal koma og ta av dei og koka i dei. Den dagen skal det ikkje lenger vera nokon som driv handel i huset til Herren over hærskarane.

## Malaki

### Malaki 1

<sup>1</sup> Ein bodskap. Herrens ord til Israel gjennom Malaki.

#### Herrens kjærleik

<sup>2</sup> «Eg elsker dykk», seier Herren. Men de seier: «Korleis elsker du oss?» «Var ikkje Esau bror til Jakob?» seier Herren. «Eg elska Jakob,

<sup>3</sup> men Esau hadde eg uvilje mot. Eg gjorde fjella hans til ei audn, egedomen til ein ørken for sjakalar.»

<sup>4</sup> Edom seier: «Vi er knuste, men byggjer ruinane opp att.» Men så seier Herren over hærskarane: «Dei byggjer opp, men eg riv ned. Dei skal kallast landet av urett, folket som Herren er harm på for alltid.»

<sup>5</sup> De skal sjå det med eigne auge, og de skal seia: «Herren er stor, ut over Israels grenser.»

#### Herrens dom over prestane

<sup>6</sup> Ein son heidrar far sin, ein slave herren sin. Er eg far, kvar er då min heider, er eg herre, kvar er ærefrykt for meg? seier Herren over hærskarane til dykk prestar, de som viser forakt for mitt namn. De seier: «Korleis har vi vist forakt for namnet ditt?»

<sup>7</sup> De ber fram uverdige mat på altaret mitt. De seier: «På kva måte har vi handla uverdige mot deg?» Ved å seia: «Herrens bord kan vi visa forakt.»

<sup>8</sup> Når de ber fram eit blindt dyr til offer, er ikkje det gale? Når de kjem med eit dyr som er halt eller sjukt, er ikkje det gale? Kva om du kom med slikt til statthaldaren din? Trur du han då set pris på deg og tek venleg imot deg? seier Herren over hærskarane.

<sup>9</sup> Og no, be om velvilje for Guds andlet så han viser oss nåde. Men når det kjem slikt frå dykkar hand, kan han då ta venleg imot deg? seier Herren over hærskarane.

<sup>10</sup> Om berre nokon av dykk ville stengja tempeldørene så de ikkje til fånyttes kveikjer eld på mitt altar! Eg har inga glede av dykk, seier Herren over hærskarane, eg set ikkje pris på offer frå dykkar hand.

<sup>11</sup> Frå der sol står opp til der sol går ned, er mitt namn stort mellom folkeslaga. Alle stader blir det tent offereld og bore fram reine offer i mitt namn. For namnet mitt er stort mellom folkeslaga, seier Herren over hærskarane.

<sup>12</sup> Men de vanhelgar det når de seier at Herrens bord er uverdige, at maten på det er forakteleg frukt.

<sup>13</sup> De seier: «For eit strev!» og blæs av det, seier Herren over hærskarane. De kjem med dyr som er røva, og med dyr som er halte eller sjuke, når de kjem med offer. Skulle eg setja pris på noko slikt frå dykkar hand? seier Herren.

<sup>14</sup> Forbanna er den som fer med svik, som har eit hanndyr i buskapen og lovar å gje det til Herren, men i staden ofrar eit dyr som er skadd. For eg er ein stor konge, seier Herren over hærskarane, namnet mitt er frykta mellom folkeslaga.

## Malaki 2

<sup>1</sup> Og no, prestar, til dykk er dette bodet:

<sup>2</sup> Vil de ikkje høyra og ikkje leggja dykk dette på hjartet så de gjev namnet mitt ære, seier Herren over hærskarane, då sender eg forbanning mot dykk. Eg forbannar dykkar velsigning, ja, eg har forbanna henne fordi ho ikkje ligg dykk på hjartet.

<sup>3</sup> Sjå, eg trugar ætta dykkar! Slakteavfall frå festane dykkar kastar eg i andletet på dykk, og saman med det skal de berast bort.

<sup>4</sup> Då skal de kjenna at det er eg som har sendt dykk dette bodet, så mi pakt med Levi kan stå ved lag, seier Herren over hærskarane.

<sup>5</sup> Mi pakt med han var liv og fred som eg gav han. Han skulle ha ærefrykt for meg og skjelva for namnet mitt.

<sup>6</sup> Sann rettleiing var i hans munn, det fanst ikkje svik på leppene. I fred og rettferd vandra han med meg og fekk mange til å venda om frå skuld.

<sup>7</sup> For prestens lepper tek vare på kunnskap, rettleiing skal ein søkja frå hans munn. For han er sendebod frå Herren over hærskarane.

<sup>8</sup> Men de har bøygd av frå vegen. De har gjeve slik rettleiing at mange har snubla. De har brote Levi-pakta, seier Herren over hærskarane.

<sup>9</sup> Difor gjer eg dykk ynkelege og forakta av heile folket, for de følgjer ikkje mine vegar, men gjer skil på folk når de rettleier.

### **Blandingsekteskap og skilsmisse**

<sup>10</sup> Har vi ikkje alle éin far, har ikkje den eine Gud skapt oss? Kvifor er vi då trulause mot kvarandre og vanhelgar pakta til fedrane våre?

<sup>11</sup> Juda har bore seg trulaust åt, avskyelege ting har dei gjort i Israel og Jerusalem. For Juda har vanhelga Herrens heilagdom, som han elsker, og gift seg med dottera til ein framand gud.

<sup>12</sup> Måtte Herren rydda ut frå Jakobs telt kvar mann som gjer slikt – kven det så måtte vera – og som ber fram offer til Herren over hærskarane.

<sup>13</sup> Og dette er det andre de gjer: Med tårer dekkjer de Herrens altar, med gråt og sukk fordi han ikkje lenger vil sjå på gåva eller ta imot offer frå dykkar hand med glede.

<sup>14</sup> De seier: «Kvifor?» Fordi Herren er vitne i saka mellom deg og din ungdoms kvinne, som du er utru mot, din ektemake, di paktkvinne.

<sup>15</sup> Er det ikkje éin som har skapt alt? Både kropp og ånd er hans. Og kva søkjer denne eine? Ei guddomleg slekt. Så vakta vel dykkar ånd! Ver ikkje utru mot din ungdoms kvinne!

<sup>16</sup> Den som får uvilje mot henne og sender henne bort, seier Herren, Israels Gud, skitnar til kleda sine med vald, seier Herren over hærskarane. Så vakta vel dykkar ånd! Ver ikkje trulause.

### **Når Herren kjem**



<sup>17</sup>De har trøytt Herren med orda dykkar. De seier: «Kva er det vi har trøytt han med?» Med å seia at alle som gjer vondt, er gode i Herrens auge, ja, at han har glede av dei. Eller: «Kvar er rettens Gud?»

### Malaki 3

<sup>1</sup> Sjø, eg sender min bodberar, han skal rydda veg for meg. Brått kjem han til sitt tempel, Herren som de søkjer, og bodberaren for pakta, han som de lengtar etter, sjå, han kjem, seier Herren over hærskarane.

<sup>2</sup> Men kven kan tola den dagen han kjem, kven kan stå seg når han syner seg? For han er lik elden til smeltaren, lik luten til vaskarane.

<sup>3</sup> Han skal sitja og smelta og reinsa sølvet. Han skal reinsa levittane, lutra dei som gull og sølv, så dei kan bera fram for Herren offer på rett vis.

<sup>4</sup> Då skal offera frå Juda og Jerusalem vera til glede for Herren som i gamle dagar, i tidlege år.

<sup>5</sup> Eg kjem til dykk og held dom. Eg skundar meg å vera vitne mot dei som driv med trolldom, mot dei som bryt ekteskapet, mot dei som sver falskt, mot dei som held att løna for dagarbeidaren, mot dei som undertrykkjer enkjer og farlause og avviser innflyttaren, og som ikkje fryktar meg, seier Herren over hærskarane.

#### Kom med heile tienda

<sup>6</sup> Eg, Herren, har ikkje forandra meg, og de, Jakobs søner, har ikkje gått til grunne.

<sup>7</sup> Heilt frå dykkar fedrars dagar har de vike av frå mine forskrifter og ikkje halde dei. Vend attende til meg, så skal eg venda meg mot dykk, seier Herren over hærskarane. Men de seier: «Korleis skal vi venda attende?»

<sup>8</sup> Kan eit menneske stela noko frå Gud? De stel frå meg, men seier: «Kva er det vi har stole frå deg?» Tienda og offergåvene!

<sup>9</sup> Under forbanning er de, de stel frå meg, heile folket!



**10** Kom med heile tienda til forrådsammeret så det finst mat i mitt hus. Prøv meg på denne måten, seier Herren over hærskarane. Eg skal sanneleg opna himmelens sluser og ausa ut over dykk velsigning utan mål.

**11** Dei som et opp, skal eg skremma bort frå dykk, så dei ikkje øydelegg grøda på åkeren og vinstokkane på marka ikkje kastar frukta, seier Herren over hærskarane.

**12** Då skal alle folkeslag prisa dykk sæle, for de har eit ettertrakta land, seier Herren over hærskarane.

### Når Herren grip inn

**13** De talar harde ord mot meg, seier Herren. Og likevel seier de: «Kva er det vi har sagt mot deg?»

**14** De seier: «Det er nyttelaust å tena Gud. Kva tener vi på å retta oss etter det han har fastsett, og gå sørgjande fram for Herren over hærskarane?»

**15** No vil vi prisa dei frekke sæle. Sjølv om dei gjer urett, går det dei vel, dei set Gud på prøve og slepp likevel unna.»

**16** Dei som fryktar Herren, tala då saman, og Herren lydde etter og hørde kva dei sa. Hos han vart det skrive ei minnebok om dei som fryktar Herren og ærar hans namn.

**17** Den dagen eg grip inn, seier Herren over hærskarane, skal dei vera min kostelege eigedom, og eg vil vera mild mot dei, liksom ein mann er mild mot ein son som tener han.

**18** Då skal de atter sjå skilnad på rettferdige og urettferdige, på dei som tener Gud, og dei som ikkje tener han.

### Malaki 4

**1** Sjå, dagen kjem, han brenn som ein omn. Alle frekke og alle som gjer urett, skal då vera som halm, dagen som kjem, skal brenna dei opp, seier Herren over hærskarane. Korkje rot eller grein blir att.



<sup>2</sup>Men for dykk som fryktar for mitt namn, skal rettferdssola stå opp med lækjedom under vengene sine. De skal sleppa ut og hoppa som kalvar.

<sup>3</sup>Då skal de trakka ned dei urettferdige, dei skal vera støv under føtene dykkar den dagen eg grip inn, seier Herren over hærskarane.

### **Moses og Elia**

<sup>4</sup>Kom i hug lova eg gav Moses, tenaren min, på Horeb for heile Israel, med forskrifter og bod.

<sup>5</sup>Sjå, eg sender profeten Elia til dykk før Herrens dag kjem, den store og skremmande.

<sup>6</sup>Han skal venda fedrehjarta til borna og barnehjarta til fedrane, så eg ikkje skal koma og slå landet med bann.

## Norsk, Nynorsk - All Bible

### Matteus

#### Matteus 1

#### Jesu barndom

(Kap. 1–2)

#### Jesu ættetavle

(Luk 3,23–38)

- <sup>1</sup> Dette er ættetavla til Jesus Kristus, Davids son og Abrahams son:
- <sup>2</sup> Abraham fekk sonen Isak, Isak fekk Jakob, Jakob fekk Juda og brørne hans.
- <sup>3</sup> Juda fekk sønene Peres og Serah med Tamar. Peres fekk sonen Hesron, Hesron fekk Aram,
- <sup>4</sup> Aram fekk Amminadab, Amminadab fekk Nahsjon, Nahsjon fekk Salma,
- <sup>5</sup> Salma fekk sonen Boas med Rahab, Boas fekk sonen Obed med Rut, Obed fekk Isai,
- <sup>6</sup> og Isai vart far til David, kongen. David fekk sonen Salomo med kona til Uria,
- <sup>7</sup> Salomo fekk sonen Rehabeam, Rehabeam fekk Abia, Abia fekk Asa,
- <sup>8</sup> Asa fekk Josjafat, Josjafat fekk Joram, Joram fekk Ussia,
- <sup>9</sup> Ussia fekk Jotam, Jotam fekk Ahas, Ahas fekk Hiskia,
- <sup>10</sup> Hiskia fekk Manasse, Manasse fekk Amon, Amon fekk Josjia,
- <sup>11</sup> og Josjia vart far til Jojakin og brørne hans; det var på den tid då folket vart bortført til Babylon.
- <sup>12</sup> Etter at dei vart førte til Babylon, fekk Jojakin sonen Sjealtiel, Sjealtiel fekk Serubabel,
- <sup>13</sup> Serubabel fekk Abiud, Abiud fekk Eljakim, Eljakim fekk Asor,

<sup>14</sup>Asor fekk Sadok, Sadok fekk Akim, Akim fekk Eliud,

<sup>15</sup>Eliud fekk Eleasar, Eleasar fekk Mattan, Mattan fekk Jakob,

<sup>16</sup> og Jakob vart far til Josef, mannen til Maria. Av henne vart Jesus fødd, han som blir kalla Kristus.

<sup>17</sup>Slik er det i alt fjorten slektsledd frå Abraham til David, fjorten slektsledd frå David til bortføringa til Babylon og fjorten slektsledd frå bortføringa til Babylon fram til Kristus.

### **Jesus blir fødd**

(Luk 2,1–7)

<sup>18</sup> Då Jesus Kristus vart fødd, gjekk det såleis til: Mor hans, Maria, var lova bort til Josef. Men før dei kom saman, viste det seg at ho var med barn ved Den heilage ande.

<sup>19</sup>Josef, mannen hennar, var ein rettvis mann og ville ikkje føra skam over henne; han sette seg føre å skilja seg frå henne i det stille.

<sup>20</sup>Då han hadde tenkt ut dette, synte ein engel frå Herren seg for han i ein draum og sa: «Josef, Davids son! Ver ikkje redd å ta Maria heim til deg som kona di. For barnet som er avla i henne, er av Den heilage ande.

<sup>21</sup> Ho skal føda ein son, og du skal gje han namnet Jesus, for han skal frelsa folket sitt frå syndene deira.»

<sup>22</sup>Alt dette hende så det skulle oppfyllest, det Herren har tala gjennom profeten:

<sup>23</sup> Sjå, møya skal bli med barn og føda ein son, og dei skal gje han namnet Immanuel – det tyder: Gud med oss.

<sup>24</sup>Då Josef vakna frå søvnen, gjorde han som Herrens engel hadde bode han og tok Maria heim til seg som kona si

<sup>25</sup> og levde ikkje saman med henne før ho hadde fødd son sin. Og han gav han namnet Jesus.

## **Matteus 2**



## Vismennene hyllar Jesus

<sup>1</sup> Då Jesus var fødd i Betlehem i Judea, i kong Herodes' dagar, kom det nokre vismenn frå Austerland til Jerusalem

<sup>2</sup> og spurde: «Kvar er den jødekongen som no er fødd? Vi såg stjerna hans gå opp, og no er vi komne og vil hylla han.»

<sup>3</sup> Då kong Herodes fekk høyra det, vart han svært uroleg, og heile Jerusalem med han.

<sup>4</sup> Han kalla saman alle overprestane og dei skriftlærde i folket og spurde dei ut kvar Messias skulle bli fødd.

<sup>5</sup> «I Betlehem i Judea», svara dei, «for slik står det skrive hos profeten:

<sup>6</sup> Du Betlehem i Juda land, blant fyrstane i Juda er du slett ikkje den ringaste. For frå deg skal det koma ein fyrste, ein hyrding for mitt folk Israel.»

<sup>7</sup> Då kalla Herodes vismennene til seg i løynd og spurde dei nøye ut om kva tid stjerna hadde synt seg.

<sup>8</sup> Så sende han dei til Betlehem og sa: «Gå og forhøyr dykk nøye om barnet. Og når de har funne det, så sei frå til meg, så eg òg kan koma og hylla det.»

<sup>9</sup> Då dei hadde høyrte kva kongen hadde å seia, tok dei i veg. Og sjå, stjerna som dei hadde sett koma opp, fór føre dei heilt til ho vart ståande over staden der barnet var.

<sup>10</sup> Då dei såg stjerna, vart dei umåteleg glade.

<sup>11</sup> Dei gjekk inn i huset og fann barnet hos mora, Maria. Og dei fall på kne og hylla det. Så opna dei skrina sine og bar fram gåver til barnet: gull, røykjelse og myrra.

<sup>12</sup> Men Gud varsla dei i ein draum at dei ikkje måtte fara attende til Herodes, og dei tok ein annan veg heim til landet sitt.

## På flukt til Egypt

<sup>13</sup>Då dei var farne, synte Herrens engel seg for Josef i ein draum og sa: «Stå opp, ta barnet og mora med deg og røm til Egypt, og bli der til eg seier frå! For Herodes kjem til å leita etter barnet og vil drepa det.»

<sup>14</sup>Han stod opp, tok barnet og mora og drog til Egypt same natta.

<sup>15</sup> Der vart han verande til Herodes døydde. Slik skulle det oppfyllast, det Herren har tala gjennom profeten: Frå Egypt kalla eg son min.

#### **Barnemordet i Betlehem**

<sup>16</sup>Då Herodes skjøna at vismennene hadde lurt han, vart han brennande harm. Han sende ut folk og drap alle guteborn i Betlehem og nabolaget som var to år eller yngre; dette svara til den tida han hadde fått vita av vismennene.

<sup>17</sup>Då vart det oppfylt, det som er tala gjennom profeten Jeremia:

<sup>18</sup> I Rama høyrest skrik, gråt og høglydt klage: Rakel græt over borna sine og vil ikkje la seg trøysta. For dei er ikkje meir.

#### **Frå Egypt til Nasaret**

<sup>19</sup>Etter at Herodes var død, synte Herrens engel seg i ein draum for Josef i Egypt

<sup>20</sup> og sa: «Stå opp, ta barnet og mora og dra til Israels-landet! For no er dei døde, dei som ville ta livet av barnet.»

<sup>21</sup>Då stod han opp, tok barnet og mora og fór til Israels-landet.

<sup>22</sup> Men då han fekk høyra at Arkelaos hadde vorte konge i Judea etter Herodes, far sin, torde han ikkje fara dit. Han vart varsla i ein draum og fór til Galilea.

<sup>23</sup> Då han kom dit, busette han seg i ein by som heiter Nasaret. Slik skulle det oppfyllast, det som er tala gjennom profetane, at han skulle kallast nasarear.

### **Matteus 3**

#### **Førebuinga til Jesu gjerning**

(3, 1–4, 11)

#### **Døyparen Johannes står fram**

(Mark 1,2–8; Luk 3,1–18)

- 1 På den tid steig døyparen Johannes fram og forkynte i øydemarka i Judea.
- 2 Han sa: «Vend om, for himmelriket er kome nær!»
- 3 Det er om han profeten Jesaja talar når han seier: Ei røyst ropar i øydemarka: «Rydd Herrens veg, gjer stigane hans rette!»
- 4 Johannes hadde ei kappe av kamelhår og lêrbelte om livet, og maten hans var grashopper og villhonning.
- 5 Folket i Jerusalem og heile Judea og landet langsmed Jordan drog ut til han.
- 6 Og dei sanna syndene sine og vart døypte av han i Jordanelva.
- 7 Men då han såg at mange av farisearane og saddukearane kom for å bli døypte, sa han til dei: «Ormeyngel! Kven har lært dykk korleis de skal sleppa unna den vreiden som skal koma?
- 8 Ber då frukt som viser at de er omvende!
- 9 Og tru ikkje at de kan seia til dykk sjølve: 'Vi har Abraham til far.' For eg seier dykk: Gud kan vekkja opp born for Abraham av desse steinane.
- 10 Øksa ligg alt innmed rota på trea; kvart tre som ikkje ber god frukt, blir hogge ned og kasta på elden.
- 11 Eg døyper dykk med vatn til omvending. Men han som kjem etter meg, er sterkare enn eg. Eg er ikkje eingong verdig til å ta av han sandalane. Han skal døypa dykk med Den heilage ande og eld.
- 12 Han har kasteskovla i handa og skal reinsa kornet på treskjeplassen. Kveiten sin skal han samla i låven, men agnene skal han brenna med eld som aldri sloknar.»

### **Jesus blir døypt**

(Mark 1,9–11; Luk 3,21–22; Joh 1,32–34)

- 13 Då kom Jesus frå Galilea til Johannes ved Jordan for å bli døypt av han.
- 14 Men Johannes ville hindra han og sa: «Eg treng dåp av deg, og så kjem du til meg?»

<sup>15</sup> Jesus svara: «Lat det no skje! Dette må vi gjera for å oppfylla all rettferd.»  
Då gjorde Johannes som Jesus ville.

<sup>16</sup> Med det same Jesus var døypt, steig han opp av vatnet. Og sjå, himmelen opna seg, og han såg Guds Ande koma dalande ned over seg som ei due.

<sup>17</sup> Og det lydde ei røyst frå himmelen: «Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede.»

## Matteus 4

### Jesus blir freista

(Mark 1,12–13; Luk 4,1–13)

<sup>1</sup> Sidan førte Anden Jesus ut i øydemarka for at djevelen skulle freista han.

<sup>2</sup> Han fasta i førti dagar og førti netter, og til slutt tok svolten han.

<sup>3</sup> Då kom freistaren til han og sa: «Er du Guds Son, så sei at desse steinane skal bli til brød!»

<sup>4</sup> Jesus svara: «Det står skrive: Mennesket lever ikkje av brød åleine, men av kvart ord som går ut frå Guds munn.»

<sup>5</sup> Då tok djevelen han med seg til den heilige byen, sette han ytst på tempelmuren

<sup>6</sup> og sa: «Er du Guds Son, så kast deg utføre! For det står skrive: Han skal gje englane sine påbod om deg. Og: Dei skal bera deg på hendene så du ikkje støyter foten på nokon stein.»

<sup>7</sup> Men Jesus sa til han: «Det står òg skrive: Du skal ikkje setja Herren din Gud på prøve.»

<sup>8</sup> Så tok djevelen han med seg opp på eit svært høgt fjell og synte han alle rika i verda og deira herlegdom

<sup>9</sup> og sa: «Alt dette vil eg gje deg om du fell ned og tilbed meg.»

<sup>10</sup> Men Jesus sa til han: «Vekk med deg, Satan! For det står skrive: Herren din Gud skal du tilbe, han og ingen annan skal du tena.»



11 Då gjekk djevelen frå han, og sjå, englar kom og tente han.

### **Jesus tek til med si gjerning**

(Mark 1,14–15; Luk 4,15–16)

12 Då Jesus fekk høyra at Johannes var sett i fengsel, drog han tilbake til Galilea.

13 Han flytte frå Nasaret og busette seg i Kapernaum, ved sjøen, i Sebulons og Naftalis land.

14 Slik skulle det oppfyllest, det som er tala gjennom profeten Jesaja:

15 Sebulons og Naftalis land, ved vegen til havet, bortanfor Jordan, heidningars Galilea,

16 det folket som bur i mørker, har sett eit stort lys, over dei som bur i dødsskuggens land, har lyset stråla fram.

17 Frå den tid tok Jesus til å forkynna: «Vend om, for himmelriket er kome nær!»

### **Dei første læresveinane**

(Mark 1,16–20; Luk 5,1–11)

18 Ein gong han gjekk langsmed Galileasjøen, fekk han sjå to brør: Simon, som blir kalla Peter, og Andreas, bror hans. Dei heldt på å kasta ei not i sjøen, for dei var fiskarar.

19 Han sa til dei: «Kom, følg meg, så skal eg gjera dykk til menneskefiskarar!»

20 Med ein gong gjekk dei ifrå garna sine og følgde han.

21 Då Jesus kom lenger fram, fekk han sjå to andre brør: Jakob, son til Sebedeus, og Johannes, bror hans. Dei sat i båten saman med Sebedeus, far sin, og bømte garna. Jesus kalla dei,

22 og med ein gong gjekk dei bort frå båten og far sin og følgde han.

### **Jesus forkynner og lækjer**

(Mark 1,39; 3,7–10; Luk 4,44; 6,17–19)

23 Sidan fór Jesus omkring i heile Galilea; han underviste i synagogane deira, forkynte evangeliet om riket og lækte all sjukdom og plage hos folket.

<sup>24</sup> Ordet om han spreidde seg over heile Syria, og dei kom til han med alle som hadde vondt og leid av ulike sjukdomar og plager, både dei som hadde vonde ånder, dei månesjuke og dei lamme, og han lækte dei.

<sup>25</sup> Ei stor folkemengd følgde han, frå Galilea og Dekapolis, frå Jerusalem og Judea og frå bygdene bortanfor Jordan.

## Matteus 5

### Bergpreika

(Kap. 5–7)

#### Sæle er dei!

(Luk 6,20–23)

<sup>1</sup>Då Jesus såg folkemengda, gjekk han opp i fjellet. Han sette seg, og læresveinane samla seg om han.

<sup>2</sup>Då tok han til orde og lærte dei:

<sup>3</sup>«Sæle dei som er fattige i ånda, himmelriket er deira.

<sup>4</sup>Sæle dei som sørgjer, dei skal bli trøysta.

<sup>5</sup>Sæle dei audmjuke, dei skal arva jorda.

<sup>6</sup>Sæle dei som hungrar og tørstar etter rettferda, dei skal bli metta.

<sup>7</sup>Sæle dei miskunnsame, dei skal få miskunn.

<sup>8</sup>Sæle dei reine i hjartet, dei skal sjå Gud.

<sup>9</sup>Sæle dei som skaper fred, dei skal kallast Guds born.

<sup>10</sup>Sæle dei som blir forfølgde for rettferd skuld, himmelriket er deira.

<sup>11</sup>Ja, sæle er de når folk for mi skuld spottar og forfølgjer dykk, lyg og talar vondt om dykk på alle vis.

<sup>12</sup>Gled dykk og jubla, for stor er løna dykkar i himmelen. Slik forfølgde dei òg profetane før dykk.

#### Saltet på jorda og lyset i verda

(Mark 9,50; 4,21; Luk 14,34–35; 8,16; 11,33)

**13** De er saltet på jorda! Men mistar saltet si kraft, korleis skal det då bli gjort til salt att? Det duger ikkje lenger til noko; dei kastar det ut, og folk trakkar det ned.

**14** De er lyset i verda! Ein by som ligg på eit fjell, kan ikkje gøymast.

**15** Ingen tenner ei oljelampe og set henne under eit kar. Nei, ein set lampa på ein haldar; då lyser ho for alle i huset.

**16** Slik skal lyset dykkar lysa for folk, så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen!

### **Lov og oppfylling**

**17** Tru ikkje at eg er komen for å oppheva lova eller profetane! Eg er ikkje komen for å oppheva, men for å oppfylla.

**18** Sanneleg, eg seier dykk: Før himmel og jord forgår, skal ikkje den minste bokstav eller ein einaste prikk i lova forgå – før alt har hendt.

**19** Den som opphevar eit einaste av desse minste boda og lærer menneska såleis, skal reknast som den minste i himmelriket. Men den som held boda og lærer andre å gjera det, skal reknast som stor i himmelriket.

**20** Ja, det seier eg dykk: Er ikkje dykkar rettferd mykje større enn rettferda til dei skriftlærde og farisearane, kjem de aldri inn i himmelriket.

### **Drap og vreide**

**21** De har høyrte det er sagt til forfedrane: ‘Du skal ikkje slå i hel. Den som slår i hel, skal vera skuldig for domstolen.’

**22** Men eg seier dykk: Den som blir sint på bror sin, skal vera skuldig for domstolen, og den som seier til ein bror: ‘Din tosk!’ skal vera skuldig for Det høge rådet, og den som seier: ‘Din gudlause narr!’ er skuldig til helvetes eld.

**23** Når du går fram til altaret med offergåva di, og du der kjem i hug at bror din har noko imot deg,

**24** så lat gåva di liggja framfor altaret og gå først og forlik deg med bror din. Så kan du koma og bera fram offeret ditt!

<sup>25</sup> Ver snar til å forlika deg med motparten din medan du enno er med han på vegen. Elles stemner han deg for dommaren, og dommaren gjev deg over til vaktmannen, og du blir kasta i fengsel.

<sup>26</sup> Sanneleg, eg seier deg: Du slepp ikkje ut att før du har betalt til siste øre.

### **Ekteskap og skilsmisse**

<sup>27</sup> De har høyrte det er sagt: ‘Du skal ikkje bryta ekteskapet.’

<sup>28</sup> Men eg seier dykk: Den som ser på ei kvinne og har lyst på henne, har alt gjort ekteskapsbrot med henne i hjartet sitt.

<sup>29</sup> Om høgre auget ditt lokkar deg til fall, så riv det ut og kast det frå deg! Det er betre for deg at du mistar ein kroppsdel, enn at heile kroppen blir kasta i helvete.

<sup>30</sup> Og om høgre handa lokkar deg til fall, så hogg henne av og kast henne frå deg! Det er betre for deg at du mistar ein kroppsdel, enn at heile kroppen kjem i helvete.

<sup>31</sup> Det er sagt: ‘Den som skil seg frå kona si, skal gje henne skilsmissebrev.’

<sup>32</sup> Men eg seier dykk: Den som skil seg frå kona si av annan grunn enn hor, han valdar at andre bryt ekteskapet med henne. Og den som gifter seg med ei fråskild kvinne, bryt ekteskapet.

### **Eid og sanning**

<sup>33</sup> De har òg høyrte det er sagt til forfedrane: ‘Du skal ikkje sverja falskt’ og: ‘Du skal gje til Herren det du har lova han med eid’.

<sup>34</sup> Men eg seier dykk: De skal ikkje sverja i det heile, verken ved himmelen, for det er Guds kongsstol,

<sup>35</sup> eller ved jorda, for det er fotskammelen hans, eller ved Jerusalem, for det er byen til den store kongen.

<sup>36</sup> Heller ikkje skal du sverja ved hovudet ditt, for du kan ikkje gjera eit einaste hårstrå kvitt eller svart.



<sup>37</sup>Lat eit ja vera ja og eit nei vera nei! Alt som er meir enn det, er av det vonde.

### **Å løna vondt med godt**

(Luk 6,29–30)

<sup>38</sup> De har høyrte det er sagt: ‘Auge for auge og tann for tann.’

<sup>39</sup>Men eg seier dykk: Set dykk ikkje til motverje mot den som gjer vondt mot dykk. Om nokon slår deg på høgre kinnet, så vend òg det andre til.

<sup>40</sup>Vil nokon saksøkja deg og ta skjorta di, så lat han få kapp òg.

<sup>41</sup>Tvingar nokon deg til å følgja han éi mil, så gå to med han.

<sup>42</sup>Gjev til den som bed deg, og vend ikkje ryggen til den som vil låna av deg.

### **Elsk fiendane dykkar**

(Luk 6,27–28.32–36)

<sup>43</sup> De har høyrte det er sagt: ‘Du skal elska nesten din og hata fienden din.’

<sup>44</sup> Men eg seier dykk: Elsk fiendane dykkar, {{velsign dei som forbannar dykk, gjer vel mot dei som hatar dykk,}} og be for dei som {{mishandlar dykk og}} forfølgjer dykk.

<sup>45</sup>Slik kan de vera born av Far dykkar i himmelen. For han lèt si sol skina over vonde og gode og lèt det regna over rettferdige og urettferdige.

<sup>46</sup> Om de elsker dei som elsker dykk, er det noko å løna dykk for? Gjer ikkje tollarane det same?

<sup>47</sup>Og om de helsar venleg på dykkar eigne, kva stort gjer de då? Gjer ikkje heidningane det same?

<sup>48</sup> Ver då fullkomne, liksom Far dykkar i himmelen er fullkomen.

## **Matteus 6**

### **Gåver til dei fattige**

<sup>1</sup>Ta dykk i vare så de ikkje gjer dei fromme gjerningane dykkar for auga på folk, for at dei skal leggja merke til det. Då får de inga løn hos Far dykkar i himmelen.

<sup>2</sup>Når du gjev ei gåve til dei fattige, så blås ikkje i basun for deg sjølv, slik som hyklarane gjer i synagogane og på gatene for at folk skal rosa dei. Sanneleg, eg seier dykk: Dei har alt fått si løn.

<sup>3</sup>Men når du gjev ei slik gåve, så lat ikkje venstre handa di vita kva den høgre gjer.

<sup>4</sup>Gjev gåva di i løynd. Og Far din, som ser i det løynde, han skal løna deg.

### Bøn

<sup>5</sup>Når de bed, så gjer ikkje som hyklarane. Dei elsker å stå i synagogane og på gatehjørna og be, så folk kan sjå det. Sanneleg, eg seier dykk: Dei har alt fått si løn.

<sup>6</sup>Men når du vil be, gå då inn på rommet ditt og lat att døra og be til Far din som er i det løynde. Og Far din, som ser i det løynde, skal løna deg.

### Herrens bøn

(Luk 11,2–4)

<sup>7</sup>Når de bed, skal de ikkje ramsa opp ord som heidningane; for dei trur dei blir bønheyrde berre dei bruker mange ord.

<sup>8</sup>Gjer ikkje som dei! Far dykkar veit kva de treng, før de bed han om det.

<sup>9</sup>Slik skal de be: Vår Far i himmelen! Lat namnet ditt helgast.

<sup>10</sup>Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

<sup>11</sup>Gjev oss i dag vårt daglege brød,

<sup>12</sup>og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldningar.

<sup>13</sup>Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.

{{For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.}}

<sup>14</sup>For om de tilgjev menneska misgjerningane deira, så skal òg Far dykkar i himmelen tilgje dykk.

<sup>15</sup>Men tilgjev de ikkje, skal heller ikkje Far dykkar tilgje misgjerningane dykkar.

### Faste

**16** Når de fastar, skal de ikkje gå med dystre mine som hyklarane; dei gjer seg til så folk skal sjå at dei fastar. Sanneleg, eg seier dykk: Dei har alt fått si løn.

**17** Men når du fastar, skal du salva hovudet og vaska andletet,

**18** så ingen ser at du fastar, utan Far din som er i det løynde. Og Far din, som ser i det løynde, han skal løna deg.

### **Eit heilt hjarte**

(Luk 12,33–34; 11,34–36; 16,13)

**19** Samla dykk ikkje skattar på jorda, der møll og makk øydelegg og tjuvar bryt seg inn og stel.

**20** Men samla dykk skattar i himmelen, der verken møll eller makk øydelegg og tjuvar ikkje bryt seg inn og stel.

**21** For der skatten din er, vil hjartet ditt òg vera.

**22** Auget er kroppens lampe. Er auget ditt klårt, er det fordi kroppen er fylt av lys.

**23** Men er auget ditt sjukt, er det fordi kroppen er fylt av mørker. Er no lyset i deg mørker, kor djupt blir ikkje mørkret då!

**24** Ingen kan tena to herrar. Han vil hata den eine og elska den andre, eller halda seg til den eine og vanvørda den andre. De kan ikkje tena både Gud og Mammon.

### **Ver ikkje urolege for morgondagen**

(Luk 12,22–31)

**25** Difor seier eg dykk: Ver ikkje urolege for livet, kva de skal eta, og kva de skal drikka, eller for kroppen, kva de skal kle dykk med. Er ikkje livet meir enn maten og kroppen meir enn kleda?

**26** Sjå på fuglane under himmelen! Ikkje sår dei, ikkje haustar dei, og ikkje samlar dei i hus, men Far dykkar i himmelen før dei likevel. Er ikkje de mykje meir enn dei?

**27** Kven av dykk kan med all si uro leggja ei einaste alen til livslengda si?

<sup>28</sup>Og kvifor er de urolege for kleda? Sjå liljene på marka, korleis dei veks! Dei strevar ikkje og spinn ikkje,

<sup>29</sup> men eg seier dykk: Ikkje eingong Salomo i all sin herlegdom var kledd som ei av dei.

<sup>30</sup>Når Gud kler graset så fint, det som veks på marka i dag og blir kasta i omnen i morgon, kor mykje meir skal han ikkje då kle dykk – de lite truande!

<sup>31</sup>Difor må de ikkje vera urolege og seia: ‘Kva skal vi eta?’ eller: ‘Kva skal vi drikka?’ eller: ‘Kva skal vi kle oss med?’

<sup>32</sup>For alt dette er heidningane opptekne av. Men Far dykkar i himmelen veit at de treng alt dette.

<sup>33</sup>Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre i tillegg.

<sup>34</sup>Ver difor ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt. Kvar dag har nok med si møde.

## Matteus 7

### Døm ikkje

(Luk 6,37–38.41–42)

<sup>1</sup>Døm ikkje, så de ikkje sjølv skal bli dømde!

<sup>2</sup>Etter dommen de dømmer med, skal de sjølv dømmast, og i det same målet de sjølv måler med, skal det målast opp til dykk.

<sup>3</sup>Kvifor ser du flisa i auget til bror din, men bjelken i ditt eige auge merkar du ikkje?

<sup>4</sup>Eller korleis kan du seia til bror din: ‘Lat meg ta flisa ut av auget ditt’ når det er ein bjelke i ditt eige?

<sup>5</sup>Din hyklar! Ta først bjelken ut av ditt eige auge! Då ser du klårt og kan ta flisa ut av auget til bror din.

### Perler til svin

<sup>6</sup>Gjev ikkje hundane det som er heilag, og kast ikkje perler til svin. Dei kjem berre til å trakka dei ned og venda seg mot dykk og riva dykk sund.



### **Be, så skal de få**

(Luk 11,9–13)

<sup>7</sup> Be, så skal de få. Leit, så skal de finna. Bank på, så skal det latast opp for dykk.

<sup>8</sup> For kvar den som bed, han får; og den som leitar, han finn, og den som bankar på, skal det latast opp for.

<sup>9</sup> Eller kven av dykk gjev son sin ein stein når han bed om brød,

<sup>10</sup> eller ein orm når han bed om fisk?

<sup>11</sup> Når då de som er vonde, veit å gje borna dykkar gode gåver, kor mykje meir skal ikkje då Far dykkar i himmelen gje gode gåver til dei som bed han!

### **Den gyldne regelen**

(Luk 6,31)

<sup>12</sup> Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de òg gjera mot dei. For det er dette lova og profetane seier.

### **Dei to vegane**

(Luk 13,23–24)

<sup>13</sup> Gå inn gjennom den tronge porten! For vid er porten og brei er vegen som fører til fortaping, og mange er dei som går inn gjennom den.

<sup>14</sup> Men trong er den porten og smal er den vegen som fører til livet, og få er dei som finn han.

### **Dei falske profetane**

(Luk 6,43–44)

<sup>15</sup> Ta dykk i vare for dei falske profetane! Dei kjem til dykk i saueham, men innvendig er dei grådige ulvar.

<sup>16</sup> På fruktene skal de kjenna dei. Kan ein plukka druer av klunger eller fiken av tistlar?

<sup>17</sup> Eit godt tre ber god frukt, eit dårleg tre ber dårleg frukt.

<sup>18</sup> Eit godt tre kan ikkje bera dårleg frukt, og eit dårleg tre kan ikkje bera god frukt.

<sup>19</sup> Kvart tre som ikkje ber god frukt, blir hogge ned og kasta på elden.

<sup>20</sup>Difor skal de kjenna dei på fruktene.

### **Falske læresveinar**

(Luk 6,46; 13,26–27)

<sup>21</sup> Ikkje alle som seier til meg: ‘Herre, Herre!’ skal koma inn i himmelriket, men den som gjer det Far min i himmelen vil.

<sup>22</sup> Mange skal seia til meg på den dagen: ‘Herre, Herre! Har vi ikkje tala profetord i ditt namn, drive ut vonde ånder i ditt namn og gjort mange mektige gjerningar i ditt namn?’

<sup>23</sup> Då skal eg seia det beint ut: ‘Eg har aldri kjent dykk. Gå bort frå meg, de som gjer urett!’

### **Huset bygd på fjell**

(Luk 6,47–49)

<sup>24</sup> Den som høyrer desse orda mine og gjer det dei seier, liknar ein klok mann som bygde huset sitt på fjell.

<sup>25</sup> Regnet silte, elvane fløynde, og vindane bles og slo mot huset. Men det fall ikkje, for det var tufta på fjell.

<sup>26</sup> Men den som høyrer desse orda mine og ikkje gjer det dei seier, liknar ein uforstandig mann som bygde huset sitt på sand.

<sup>27</sup> Regnet silte, elvane fløynde, og vindane bles og slo mot huset. Då fall det, og fallet var stort.»

<sup>28</sup> Då Jesus hadde fullført denne talen, var folket fulle av undring over læra hans.

<sup>29</sup> For han lærte dei med myndig tale og ikkje som deira skriftlærde.

## **Matteus 8**

### **Jesus gjer under**

(8, 1–9,34)

#### **Den spedalske mannen**

(Mark 1,40–45; Luk 5,12–16)

<sup>1</sup>Så gjekk Jesus ned frå fjellet, og mykje folk følgde han.

<sup>2</sup>No kom det ein mann som var spedalsk, kasta seg ned for han og sa: «Herre, om du vil, kan du gjera meg rein.»

<sup>3</sup>Jesus rette ut handa og rørte ved han. «Eg vil», sa han. «Bli rein!» Og med det same vart han reinsa for sjukdomen sin.

<sup>4</sup>Då sa Jesus til han: «Sei ikkje dette til nokon, men gå og vis deg for presten og ber fram det offeret som Moses har gjeve påbod om. Det skal vera eit vitnemål for dei.»

### **Offiseren i Kapernaum**

(Luk 7,1–10; Joh 4,46–53)

<sup>5</sup>Då Jesus gjekk inn i Kapernaum, kom det ein offiser til han og bad om hjelp:

<sup>6</sup>«Herre», sa han, «tenesteguten min ligg lam heime og har svære plager.»

<sup>7</sup>Jesus sa: «Eg skal koma og lækja han.»

<sup>8</sup>«Herre», svara offiseren, «eg er ikkje verdig til at du kjem inn under mitt tak. Men sei berre eit ord, så blir tenesteguten min lækt.

<sup>9</sup>For eg må sjølv lyda dei som er over meg, og eg har soldatar under meg. Seier eg til éin: ‘Gå!’ så går han, og til ein annan: ‘Kom!’ så kjem han, og til tenaren min: ‘Gjer dette!’ så gjer han det.»

<sup>10</sup> Då Jesus hørde det, undra han seg og sa til dei som følgde han: «Sanneleg, eg seier dykk: Ikkje hos nokon i Israel har eg funne slik ei tru.

<sup>11</sup> Og det skal de vita: Mange skal koma frå aust og frå vest og sitja til bords med Abraham og Isak og Jakob i himmelriket.

<sup>12</sup> Men borna av riket skal kastast ut i mørkret utanfor, der dei græt og skjer tenner.»

<sup>13</sup> Og Jesus sa til offiseren: «Gå! Det skal skje, slik du trudde.» Og tenesteguten vart frisk i same stunda.

### **Peters svigermor og andre sjuke**

(Mark 1,29–34; Luk 4,38–41)

<sup>14</sup>Då Jesus kom heim til Peter, fekk han sjå at svigermor hans låg og hadde feber.



<sup>15</sup>Han rørte ved handa hennar. Då gav feberen seg, og ho stod opp og tente han.

<sup>16</sup>Då det vart kveld, kom dei til han med mange som hadde vonde ånder. Han dreiv ut åndene med eit ord og lækte alle som var sjuke.

<sup>17</sup>Slik skulle det oppfyllast, det ordet som er tala gjennom profeten Jesaja: Han tok bort våre plager og bar våre sjukdomar.

#### **Jesus krev alt**

(Luk 9,57–60)

<sup>18</sup>Då Jesus såg så mykje folk omkring seg, gav han bod om å fara over til andre sida av sjøen.

<sup>19</sup>Ein skriftlærd kom til han og sa: «Meister, eg vil følgja deg kvar du så går.»

<sup>20</sup>Jesus svara: «Revane har hi, og fuglane under himmelen har reir, men Menneskesonen har ikkje noko han kan kvila hovudet på.»

<sup>21</sup>Ein annan, ein av læresveinane, sa til han: «Herre, lat meg først få gå heim og gravleggja far min.»

<sup>22</sup>Men Jesus svara: «Følg du meg, og lat dei døde gravleggja sine døde.»

#### **Jesus stiller stormen**

(Mark 4,35–41; Luk 8,22–25)

<sup>23</sup>Han gjekk ut i båten, og læresveinane følgde han.

<sup>24</sup>Og sjå, det bles opp til storm på sjøen, og bølgiene slo over båten. Men Jesus sov.

<sup>25</sup>Då gjekk dei bort og vekte han og sa: «Herre, frels oss! Vi går under!»

<sup>26</sup>Han svara: «Kvifor er de så redde – de lite truande!» Så reiste han seg og truga vindane og sjøen, og det vart blikande stilt.

<sup>27</sup>Mennene undra seg og sa: «Kva er dette for ein? Både vind og sjø lyder han!»

#### **To menn frå gravhølene**

(Mark 5,1–17; Luk 8,26–37)



<sup>28</sup> Då Jesus kom over på andre sida, til Gadarenar-landet, kom to som hadde vonde ånder, mot han ut frå gravhølene. Dei var så ville at ingen kunne koma fram den vegen.

<sup>29</sup> Dei sette i å ropa: «Kva vil du oss, du Guds Son? Er du komen hit for å pina oss før tida?»

<sup>30</sup>Eit godt stykke derifrå gjekk det ein stor griseflokk og beitte.

<sup>31</sup>Og dei vonde åndene bad han: «Om du driv oss ut, så send oss inn i griseflokken.»

<sup>32</sup>«Far av stad!» sa Jesus. Og dei fór ut or mennene og inn i grisene. Då sette heile flokken utfor eit stup og ned i sjøen, og der drukna dei.

<sup>33</sup>Dei som gjette grisene, rømde og sprang inn til byen. Der fortalde dei alt og sa korleis det hadde gått med dei som hadde hatt vonde ånder.

<sup>34</sup>Heile byen kom ut for å møte Jesus. Og då dei fekk sjå han, bad dei han fara bort frå bygdene deira.

## Matteus 9

### Den lamme mannen

(Mark 2,1–12; Luk 5,17–26)

<sup>1</sup>Så gjekk han ut i båten, sette over sjøen og kom til sin eigen by.

<sup>2</sup>Der kom dei til han med ein mann som var lam og låg på ei bære. Då Jesus såg trua deira, sa han til den lamme: «Ver ved godt mot, son. Syndene dine er tilgjevne.»

<sup>3</sup>Men nokre av dei skriftlærde sa med seg sjølve: «Denne mannen spottar Gud.»

<sup>4</sup>Jesus såg kva dei tenkte, og sa: «Kvifor går de med så vonde tankar i hjartet?»

<sup>5</sup>Kva er lettast å seia: ‘Syndene dine er tilgjevne’ eller: ‘Stå opp og gå?»

<sup>6</sup>Men for at de skal vita at Menneskesonen har makt på jorda til å tilgje synder» – og no seier han til den lamme: «Stå opp, ta båra di og gå heim!»

<sup>7</sup>Då reiste mannen seg og gjekk heim.

<sup>8</sup>Men då folket såg det, vart dei gripne av ærefrykt og lova Gud som hadde gjeve menneske slik makt.

### **Jesus kallar Matteus**

(Mark 2,13–17; Luk 5,27–32)

<sup>9</sup> Derifrå gjekk Jesus vidare og fekk sjå ein mann som sat på tollbua. Han heitte Matteus. Jesus sa til han: «Følg meg!» Då reiste han seg og følgde han.

<sup>10</sup> Sidan var Jesus gjest i huset hans. Det kom òg mange tollarar og syndarar og var saman med Jesus og læresveinane hans til bords.

<sup>11</sup> Farisearane såg det og sa til læresveinane: «Kvifor et meisteren dykkar i lag med tollarar og syndarar?»

<sup>12</sup> Då Jesus hørde det, sa han: «Det er ikkje dei friske som treng lege, men dei sjuke.

<sup>13</sup> Gå og lær kva som ligg i dette ordet: Det er miskunn eg vil ha, ikkje offer. Eg er ikkje komen for å kalla rettferdige, men syndarar.»

### **Fest og faste**

(Mark 2,18–22; Luk 5,33–39)

<sup>14</sup> Då kom læresveinane åt Johannes til han og sa: «Kvifor fastar ikkje læresveinane dine, medan vi og farisearane fastar ofte?»

<sup>15</sup> «Kan bryllaupsgjestene sørgja så lenge brudgomen er hos dei?» svara Jesus. «Men det skal koma ei tid då brudgomen blir teken frå dei, og då skal dei fasta!

<sup>16</sup> Ingen set ein lapp av ukrympa tøy på eit gammalt klesplagg. For då riv bota med seg noko av plagget, og rifta blir større.

<sup>17</sup> Heller ikkje fyller ein ny vin i gamle skinnsekker, for då rivnar sekkene, vinen renn ut, og sekkene blir øydelagde. Nei, ny vin fyller ein i nye skinnsekker, då held dei seg begge.»

### **Dotter til Jairus og kvinna som tok i Jesu kappe**

(Mark 5,21–43; Luk 8,40–56)

**18** Medan han tala til dei om dette, kom ein forstandar og fall på kne for han og sa: «Dotter mi er nettopp død, men kom og legg handa di på henne, så får ho leva.»

**19**Då reiste Jesus seg og gjekk med han, og læresveinane følgde.

**20** No var det ei kvinne der som hadde lide av blødingar i tolv år. Ho gjekk bort til Jesus bakanfrå og rørte ved dusken på kappefliken hans.

**21** For ho tenkte: «Kan eg berre få røra ved kappa hans, så blir eg frisk.»

**22** Jesus snudde seg, og då han såg henne, sa han: «Ver ved godt mot, dotter! Trua di har frelst deg.» Og kvinna vart frisk i same stunda.

**23** Då Jesus kom heim til forstandaren og fekk sjå fløytespelarane og den ståkande flokken, sa han:

**24** «Gå ut! Jenta er ikkje død, ho søv.» Dei berre lo av han.

**25** Så snart alle var sende ut, gjekk han inn og tok jenta i handa, og ho reiste seg opp.

**26**Ordet om dette spreidde seg over heile landsdelen der.

### **To blinde og ein stum**

**27** Då Jesus gjekk derifrå, følgde to blinde etter han og ropa: «Miskunna deg over oss, du Davids son!»

**28** Og då han var komen i hus, gjekk dei blinde inn til han. «Trur de at eg kan gjera dette?» spurde Jesus. «Ja, Herre», svara dei.

**29**Då rørte han ved auga deira og sa: «Det skal bli som de trur.»

**30** Og med ein gong vart auga deira opna. Jesus tala strengt til dei og sa: «Sjå til at ingen får vita det.»

**31**Men dei gjekk ut og fortalde om han i heile området der.

**32** Medan dei var på veg ut, kom det nokre til han med ein mann som var stum og hadde ei vond ånd.

**33** Då den vonde ånda var driven ut, kunne den stumme tala. Folket undra seg og sa: «Aldri har slikt vore sett i Israel!»

**34** Men farisearane sa: «Det er ved hjelp av herskaren over dei vonde åndene at han driv dei vonde åndene ut.»

### **Apostlane og oppgåva deira**

(9,35–10,42)

#### **Grøda er stor**

(Luk 10,1–2)

**35** Jesus gjekk no omkring i alle byane og landsbyane. Han underviste i synagogane deira og forkynte evangeliet om riket og lækte all sjukdom og plage.

**36** Og då han såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar.

**37** Då sa han til læresveinane: «Grøda er stor, men arbeidsfolka er få.

**38** Be då han som er herre over grøda, at han må senda ut arbeidsfolk til å hausta inn grøda si.»

## **Matteus 10**

### **Dei tolv apostlane**

(Mark 3,13–19; Luk 6,13–16)

**1** Jesus kalla til seg dei tolv læresveinane sine og gav dei makt til å driva ut ureine ånder og til å lækja all sjukdom og plage.

**2** Dette er namna på dei tolv apostlane: Først Simon, han som blir kalla Peter, og så Andreas, bror hans, Jakob, son til Sebedeus, og Johannes, bror hans,

**3** Filip og Bartolomeus, Tomas og tollaren Matteus, Jakob, son til Alfeus, og Taddeus,

**4** Simon Kananeos og Judas Iskariot, han som sveik han.

### **Jesus sender ut apostlane**

(Mark 6,7–13; Luk 9,1–6)

**5** Desse tolv sende Jesus ut, og han baud dei: «Ta ikkje vegen til heidningane, og gå ikkje inn i nokon av samaritanbyane!



- <sup>6</sup> Gå heller til dei bortkomne sauene i Israels hus.
- <sup>7</sup> Gå og forkynn: 'Himmelriket er kome nær!'
- <sup>8</sup> Læk sjuke, vekk opp døde, gjer spedalske reine og driv ut vonde ånder! Gjev som gåve det de fekk som gåve.
- <sup>9</sup> Skaff dykk ikkje gull eller sølv eller koparmyntar til å ha i beltet,
- <sup>10</sup> og heller ikkje veske til ferda, ikkje to kjortlar, ikkje skor og ikkje stav. For ein arbeidar er verd maten sin.
- <sup>11</sup> Når de kjem til ein by eller landsby, så spør dykk føre kven som er verd å ta imot dykk; hos han skal de vera til de fer vidare.
- <sup>12</sup> Og når de kjem inn i huset, skal de helsa det med fred.
- <sup>13</sup> Er huset verdt det, skal freden koma over det; men er huset ikkje verdt det, skal freden venda tilbake til dykk.
- <sup>14</sup> Er det nokon som ikkje vil ta imot dykk og ikkje vil høyra på bodskapen dykkar, då skal de gå bort frå det huset eller den byen og rista støvet av føtene.
- <sup>15</sup> Sanneleg, eg seier dykk: På dommedag skal Sodoma- og Gomorra-landet sleppa lettare enn den byen.

### **Det skal koma forfølgingar**

(Mark 13,9–13; Luk 21,12–19; 12,2–7)

- <sup>16</sup> Sjå, eg sender dykk ut som sauer mellom ulvar. Ver listige som ormar og uskuldige som duer!
- <sup>17</sup> Ta dykk i vare for folk! For dei skal gje dykk over til domstolane og piska dykk i synagogane.
- <sup>18</sup> Og for mi skuld skal de førast fram for landshovdingar og kongar og vitna for dei og for heidningane.
- <sup>19</sup> Men når dei arresterer dykk, så ver ikkje urolege for korleis de skal ordleggja dykk, eller kva de skal seia. Det de skal seia, skal de få i same stunda.

**20** For det er ikkje de som talar; det er Anden til Far dykkar som talar gjennom dykk.

**21** Bror skal senda bror i døden, og ein far barnet sitt, og born skal reisa seg mot foreldra sine og senda dei i døden.

**22** Og alle skal hata dykk for mitt namn skuld. Men den som held ut til enden, skal bli frelst.

**23** Men når dei forfølgjer dykk i ein by, så røm til ein annan! Sanneleg, eg seier dykk: De blir ikkje ferdige med byane i Israel før Menneskesonen kjem.

**24** Ein lærling står ikkje over meisteren sin, og ein tenar står ikkje over herren sin.

**25** Det er nok for ein lærling at han får det som meisteren, og for ein tenar at han får det som herren. Har dei kalla husherren for Beelsebul, kan då husfolket hans venta noko betre?

**26** Ver ikkje redde dei! For ingenting er dekt til som ikkje skal bli avdekt, og ingenting er løynt som ikkje skal bli kjent.

**27** Det eg seier dykk i mørkret, skal de tala i lyset; det som blir kviskra dykk i øyret, skal de ropa ut frå hustaka.

**28** Ver ikkje redde dei som drep kroppen, men ikkje kan drepa sjela. Frykt heller han som kan øydeleggja både sjel og kropp i helvete.

**29** Blir ikkje to sporvar selde for ein skilling? Og ikkje ein av dei fell til jorda utan at Far dykkar er der.

**30** Ja, kvart hårstrå på hovudet dykkar er talt.

**31** Så ver ikkje redde! De er meir verde enn mange sporvar.

### **Vedkjenning og etterfølging**

(Luk 12,8–9.51–53; 14,26–27; 17,33)

**32** Kvar den som kjennest ved meg for menneska, skal eg òg kjennast ved for Far min i himmelen.

<sup>33</sup> Men den som fornektar meg for menneska, skal eg òg forneakta for Far min i himmelen.

<sup>34</sup> Tru ikkje at eg er komen for å skapa fred på jorda. Eg er ikkje komen med fred, men med sverd.

<sup>35</sup> Eg er komen for å setja skilje: Son mot far, dotter mot mor, svigerdotter mot svigermor,

<sup>36</sup> og ein manns husfolk skal bli fiendane hans.

<sup>37</sup> Den som elsker far eller mor meir enn meg, er ikkje verd meg. Den som elsker son eller dotter meir enn meg, er ikkje verd meg.

<sup>38</sup> Og den som ikkje tek krossen sin og følgjer etter meg, er ikkje verd meg.

<sup>39</sup> Den som finn livet sitt, skal mista det. Men den som mistar livet sitt for mi skuld, skal finna det.

#### **Løna for å ta imot ein læresvein**

<sup>40</sup> Den som tek imot dykk, tek imot meg, og den som tek imot meg, tek imot han som har sendt meg.

<sup>41</sup> Den som tek imot ein profet fordi han er profet, skal få ein profets løn, og den som tek imot ein rettferdig fordi han er rettferdig, skal få den rettferdiges løn.

<sup>42</sup> Og den som gjev ein av desse små om det så berre er eit beger kaldt vatn fordi han er læresvein – sanneleg, eg seier dykk: Han skal slett ikkje mista si løn!»

## **Matteus 11**

### **Jesus svarar døyparen Johannes**

(Luk 7,18–23)

<sup>1</sup> Då Jesus hadde fullført talen og sagt det han ville påleggja dei tolv læresveinane sine, drog han derifrå og tok til å undervisa og forkynna kring i byane.

<sup>2</sup>I fengselet fekk Johannes høyra om alt Kristus gjorde. Han sende bod med læresveinane sine og spurde:

<sup>3</sup>«Er du den som skal koma, eller skal vi venta ein annan?»

<sup>4</sup>Jesus svara: «Gå og fortel Johannes kva de høyrer og ser:

<sup>5</sup>Blinde ser, og lamme går, spedalske blir reine, og døve høyrer, døde står opp, og den gode bodskapen blir forkynt for fattige.

<sup>6</sup>Sæl er den som ikkje fell ifrå på grunn av meg.»

### **Jesus vitnar om Johannes**

(Luk 7,24–35)

<sup>7</sup>Då dei gjekk bort, tok Jesus til å tala til folket om Johannes: «Kva gjekk de ut i øydemarka for å sjå? Eit sivstrå som svaier i vinden?

<sup>8</sup>Nei! Kva gjekk de ut for å sjå? Ein mann med fine klede? Dei som går i fine klede, held til i slotta hos kongane.

<sup>9</sup>Kva gjekk de då ut for å sjå? Ein profet? Ja, eg seier dykk: meir enn ein profet!

<sup>10</sup>Det er om han dette er skrive: Sjå, eg sender min bodberar føre deg, han skal rydda vegen for deg.

<sup>11</sup>Sanneleg, eg seier dykk: Mellom dei som er fødde av kvinner, har det aldri stått fram nokon større enn døyparen Johannes. Men den minste i himmelriket er større enn han.

<sup>12</sup>Frå Johannes døyparens dagar og til no trengjer himmelriket seg fram, og dei som trengjer på, riv det til seg.

<sup>13</sup>For heilt til Johannes kom, har alle profetane og lova tala om det som skulle henda.

<sup>14</sup>Og om de vil ta imot det: Han er den Elia som skulle koma.

<sup>15</sup>Den som har øyre, høyr!

<sup>16</sup>Men kva skal eg likna denne slekta med? Ho er lik born som sit på torget og ropar til kvarandre:

17‘Vi spela på fløyte for dykk, men de ville ikkje dansa. Vi song klagesongar, men de ville ikkje sørgja.’

18 For Johannes kom; han verken åt eller drakk, og folk seier: ‘Han har ei vond ånd i seg.’

19 Menneskesonen kom; han et og drikk, og dei seier: ‘Sjå, for ein storetar og vindrikkar, ven med tollarar og syndarar!’ – Men Visdomen har fått rett, det stadfester gjerningane hennar.»

### Verop over byar i Galilea

(Luk 10,13–15)

20Så tok Jesus til å refsa dei byane der han hadde gjort dei fleste av sine mektige gjerningar, fordi dei ikkje hadde vendt om:

21 «Ve deg, Korasin! Ve deg, Betsaida! Hadde dei mektige gjerningane som er gjorde hos dykk, vore gjorde i Tyros og Sidon, hadde dei for lenge sidan vendt om og kledd seg i sekk og oske.

22Men det seier eg dykk: På dommedag skal Tyros og Sidon sleppa lettare enn de.

23 Og du, Kapernaum – skal du opphøgjast like til himmelen? Nei, til dødsriket skal du støytast ned! Hadde dei mektige gjerningane som er gjorde hos deg, vore gjorde i Sodoma, hadde byen stått til denne dag.

24 Men det seier eg dykk: På dommedag skal det gå Sodoma-landet likare enn deg.»

### Sonen gjev kvile

(Luk 10,21–22)

25 På den tid tok Jesus til orde og sa: «Eg lovar deg, Far, Herre over himmel og jord, fordi du har løynt dette for vise og forstandige, men openberra det for umyndige små.

26Ja, Far, for dette var din gode vilje.

27 Alt har Far min overgjeve til meg. Ingen kjenner Sonen, utan Faderen, og ingen kjenner Faderen, utan Sonen og den som Sonen vil openberra det for.

- 28** Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!
- 29** Ta mitt åk på dykk og lær av meg, for eg er mild og mjuk i hjartet; så skal de finna kvile for dykkar sjel.
- 30** For mitt åk er godt, og mi bør er lett.»

## Matteus 12

### Jesus og sabbaten

(Mark 2,23–3,6; Luk 6,1–11)

- 1** På den tid tok Jesus vegen langsmed kornåkrane på sabbaten. Læresveinane hans var svoltne og tok til å riva av aks og eta.
- 2** Då farisearane såg det, sa dei til han: «Sjå, læresveinane dine gjer noko som ingen har lov til å gjera på sabbaten!»
- 3** Men han svara: «Har de ikkje lese kva David gjorde den gongen han svalt, både han og mennene hans?»
- 4** Han gjekk inn i Guds hus, og dei åt skodebrøda, som verken han eller mennene hans hadde lov til å eta, men berre prestane.
- 5** Eller har de ikkje lese i lova at prestane kvar sabbat bryt sabbaten i tempelet og likevel er utan skuld?»
- 6** Og det seier eg dykk: Her er det som er større enn tempelet!
- 7** Hadde de skjønna kva som ligg i dette ordet: ‘Det er miskunn eg vil ha, ikkje offer’, så hadde de ikkje dømt dei som er skuldlause.
- 8** For Menneskesonen er herre over sabbaten.»
- 9** Så gjekk han derifrå og kom inn i synagogen deira.
- 10** Der var det ein mann som hadde ei vissen hand, og dei spurde Jesus: «Er det tillate å lækja på sabbaten?» Dei ville ha noko å klaga han for.
- 11** Han svara: «Om ein av dykk har ein einaste sau, og sauennett i ei grøft på sabbaten, vil han ikkje då ta tak i sauennett og dra han opp?»

<sup>12</sup>Kor mykje meir verdt er ikkje eit menneske enn ein sau! Difor er det tillate å gjera godt på sabbaten.»

<sup>13</sup>Og han sa til mannen: «Rett fram handa!» Han så gjorde, og handa vart god, like frisk som den andre.

<sup>14</sup>Men farisearane gjekk ut og la planar mot han for å ta livet av han.

<sup>15</sup> Då Jesus fekk vita det, drog han derifrå.

### **Jesus, Herrens tenar**

Store flokkar følgde han, og han lækte dei alle.

<sup>16</sup> Men han baud dei strengt at dei ikkje måtte gjera kjent kven han var,

<sup>17</sup> så det skulle oppfyllest, det som er tala gjennom profeten Jesaja:

<sup>18</sup> Sjå, min tenar som eg har valt ut, han som eg elsker, i han har eg mi glede. Eg vil leggja min Ande på han, han skal kunngjera retten for folkeslaga.

<sup>19</sup> Han skal ikkje tretta og ikkje ropa, og ingen skal høyra hans røyst i gatene.

<sup>20</sup> Han skal ikkje bryta eit knekt siv og ikkje sløkkja ein rykande veike før han har ført retten fram til siger.

<sup>21</sup> Og til hans namn skal folkeslaga setja si von.

### **Jesu makt over vonde ånder**

(Mark 3,22–30; Luk 11,14–23; 12,10)

<sup>22</sup> Sidan kom dei til han med ein som hadde ei vond ånd og var blind og stum. Jesus gjorde han god att, så han kunne både tala og sjå.

<sup>23</sup> Alt folket vart frå seg av undring og sa: «Det skulle vel ikkje vera Davidssonen?»

<sup>24</sup> Men då farisearane høyrde det, sa dei: «Han kunne ikkje driva ut dei vonde åndene om det ikkje var ved hjelp av Beelsebul, herskaren deira.»

<sup>25</sup> Men Jesus visste kva dei tenkte, og sa til dei: «Kvart rike som ligg i strid med seg sjølv, blir lagt øyde; og ingen by eller heim som kjem i strid med seg sjølv, kan bli ståande.

<sup>26</sup>Om no Satan driv ut Satan, så er han komen i strid med seg sjølv. Korleis kan då riket hans bli ståande?

<sup>27</sup> Er det ved Beelsebul eg driv ut dei vonde åndene, kven er det då dykkar eigne folk driv ut ånder ved? Difor skal dei dømma dykk.

<sup>28</sup> Men er det ved Guds Ande eg driv ut dei vonde åndene, ja, då har Guds rike nådd fram til dykk.

<sup>29</sup> Eller korleis kan nokon gå inn i huset til den sterke og røva det han eig, om han ikkje først har bunde den sterke? Då kan han plyndra huset hans.

<sup>30</sup> Den som ikkje er med meg, er imot meg. Og den som ikkje samlar med meg, han spreier.

<sup>31</sup> Difor seier eg dykk: All synd og spott skal menneska få tilgjeving for, men spott mot Anden skal ikkje tilgjevast.

<sup>32</sup>Den som seier eit ord mot Menneskesonen, skal få tilgjeving. Men den som seier mot Den heilage ande, skal ikkje få tilgjeving, korkje i denne verda eller i den som kjem.

### **Treet og fruktene**

(Luk 6,43–45)

<sup>33</sup> Ta eit tre: Anten er det godt, og då er frukta òg god, eller det er dårleg, og då er frukta òg dårleg. På frukta kjenner vi treet.

<sup>34</sup> Ormeyngel! Korleis kan de som er vonde, seia noko godt? For det hjartet er fullt av, det seier munnen.

<sup>35</sup>Eit godt menneske ber fram godt av det gode han gøymer på, eit vondt menneske ber fram vondt av det vonde han gøymer på.

<sup>36</sup> Det seier eg dykk: Kvart unyttig ord som folk seier, skal dei svara for på dommedag.

<sup>37</sup>For etter orda dine blir du frikjend, og etter orda dine blir du felt.»

### **Ei vond ætt krev teikn**

(Mark 8,11–12; Luk 11,29–32.24–26)



**38** Nokre skriftlærde og farisearar tok då til orde og sa: «Meister, vi vil sjå deg gjera eit teikn.»

**39** Han svara: «Ei vond og utru slekt krev teikn, men ho skal ikkje få noko anna teikn enn Jona-teiknet.

**40** For slik profeten Jona var i buken på den store fisken i tre dagar og tre netter, slik skal Menneskesonen vera tre dagar og tre netter i jorddjupet.

**41** Folk frå Ninive skal stå fram i dommen saman med denne slekta og dømma henne. For dei vende om då Jona forkynte bodskaper sin. Og her er meir enn Jona!

**42** Dronninga frå landet i sør skal stå fram i dommen saman med denne slekta og dømma henne. For ho kom heilt frå ytste enden av jorda og ville høyra Salomos visdom. Og her er meir enn Salomo!

**43** Når ei urein ånd fer ut av eit menneske, flakkar ho over tørre vidder og leitar etter ein kvilestad, men finn ingen.

**44** Då seier ho: 'Eg vil fara attende til huset mitt som eg flytte ifrå.' Og når ho kjem att, finn ho det tomt, feia og pynta.

**45** Då fer ho av stad og får med seg sju andre ånder som er verre enn ho sjølv, og dei flytter inn og slår seg til der. Og det siste blir verre for dette mennesket enn det første. Slik kjem det òg til å gå med denne vonde slekta.»

### **Jesu sanne familie**

(Mark 3,31–35; Luk 8,19–21)

**46** Medan han heldt på og tala til folket, kom mor hans og syskena hans. Dei gav seg til utanfor og ville gjerne snakka med han.

**47** {{Då var det ein som sa til han: «Mor di og syskena dine står utanfor og vil snakka med deg.}}}}

**48** Jesus svara han: «Kven er mor mi, og kven er syskena mine?»

**49** Så rette han ut handa mot læresveinane sine og sa: «Sjå, her er mor mi og syskena mine!

<sup>50</sup> For den som gjer det Far min i himmelen vil, er bror min, syster mi og mor mi.»

## Matteus 13

### Likningar om himmelriket

(13,1–52)

#### Såmannen

(Mark 4,1–9; Luk 8,4–8)

- <sup>1</sup> Same dagen gjekk Jesus ut og sette seg nede ved sjøen.
- <sup>2</sup> Då samla det seg så mykje folk omkring han at han gjekk ut i ein båt og sat der, medan alt folket stod på stranda.
- <sup>3</sup> Så tala han til dei i mange likningar og sa: «Ein såmann gjekk ut for å så.
- <sup>4</sup> Og då han sådde, fall noko attmed vegen, og fuglane kom og åt det opp.
- <sup>5</sup> Noko fall på steingrunn der det var lite jord, og det skaut straks opp fordi jorda var grunn.
- <sup>6</sup> Men då sola steig, sveid det av og visna, for det hadde ikkje rot.
- <sup>7</sup> Noko fall mellom klunger, og klungeren voks opp og kvelte det.
- <sup>8</sup> Men noko fall i god jord og gav grøde: noko hundre gonger det som var sådd, noko seksti, noko tretti gonger.
- <sup>9</sup> Den som har øyre, høyr!»

#### Kvifor Jesus talar i likningar

(Mark 4,10–12; Luk 8,9–10)

- <sup>10</sup> Då kom læresveinane til han og spurde: «Kvifor talar du til dei i likningar?»
- <sup>11</sup> Han svara: «Dykk er det gjeve å kjenna løyndomane om himmelriket, men ikkje dei andre.
- <sup>12</sup> For den som har, skal få og det i overflod; men den som ikkje har, skal mista sjølv det han har.
- <sup>13</sup> Difor talar eg til dei i likningar, fordi dei ser, men ser ikkje; dei høyrer, men høyrer ikkje og skjønar ikkje.

**14** På dei har det vorte oppfylt, dette profetordet av Jesaja: De skal høyra og høyra, men ikkje forstå, sjå og sjå, men ikkje skilja!

**15** For hjartet til dette folket har vorte feitt; tungt høyrer dei med øyra, og auga har dei late att, så dei ikkje kan sjå med auga eller høyra med øyra eller skjøna med hjartet og venda om, så eg får lækja dei.

**16** Men sæle er auga dykkar, for dei ser, og øyra dykkar, for dei høyrer.

**17** Sanneleg, eg seier dykk: Mange profetar og rettferdige har lengta etter å sjå det som de ser, men fekk ikkje sjå det, og høyra det som de høyrer, men fekk ikkje høyra det.

### **Jesus forklarar likninga om såmannen**

(Mark 4,13–20; Luk 8,11–15)

**18** Så høyr no korleis likninga om såmannen skal tydst:

**19** Kvar gong nokon høyrer ordet om riket og ikkje skjønar det, kjem den vonde og stel bort det som er sådd i hjartet. Dette er det som vart sådd attmed vegen.

**20** Det som vart sådd på steingrunn, er den som høyrer ordet og straks tek imot det med glede.

**21** Men han har inga rot og held ut berre ei stund. Når han møter motgang eller forfølging for ordet skuld, fell han straks ifrå.

**22** Det som vart sådd mellom klunger, er den som høyrer ordet, men uro for dette livet og den svicefulle rikdomen kveler ordet, så det ikkje gjev grøde.

**23** Men det som vart sådd i den gode jorda, er den som høyrer ordet og skjønar det. Han gjev grøde: hundre, seksti, tretti gonger det som er sådd.»

### **Ugraset i kveiten**

**24** Så sette han fram for dei ei anna likning og sa: «Himmelriket kan liknast med ein mann som hadde sådd godt korn i åkeren sin.

**25** Men medan folket sov, kom fienden hans og sådde ugras i kveiten og gjekk sin veg.

**26** Då kornet voks opp og skaut aks, kom ugraset òg til syne.



<sup>27</sup>Tenarane gjekk til jordeigaren og sa: ‘Herre, sådde du ikkje godt korn i åkeren din? Kvar kjem då ugraset frå?’

<sup>28</sup>‘Det har ein fiende gjort’, svara han. ‘Vil du vi skal gå og riva det opp?’ spurde dei.

<sup>29</sup>‘Nei’, svara han, ‘for når de riv opp ugraset, kunne de samstundes koma til å riva opp kveiten.

<sup>30</sup> Lat dei begge veksa side om side til hausten. Og når tida for innhaustinga kjem, vil eg seia til dei som haustar inn: Sank først saman ugraset og bunt det i hop til å brennast. Men kveiten skal de samla i låven min.’»

### **Sennepsfrøet**

(Mark 4,30–32; Luk 13,18–19)

<sup>31</sup> Ei likning til sette han fram: «Himmelriket er likt eit sennepsfrø som ein mann tok og sådde i åkeren sin.

<sup>32</sup> Det er mindre enn alle andre frø, men når det har vakse opp, er det større enn andre hagevokstrar. Det blir til eit tre, og fuglane under himmelen kjem og byggjer reir i greinene på det.»

### **Surdeigen**

(Luk 13,20–21)

<sup>33</sup> Endå ei likning fortalde han dei: «Himmelriket er likt ein surdeig som ei kvinne tok og la inn i tre mål med mjøl, til alt var gjennomsyra.»

### **Jesus talar til folket i likningar**

(Mark 4,33–34)

<sup>34</sup> Alt dette sa Jesus til folket i likningar, og han sa ikkje noko til dei utan i likningar.

<sup>35</sup> Slik skulle det oppfyllast, det som er tala gjennom profeten: Eg vil opna munnen og tala i likningar, bera fram det som har vore løynt frå verda vart grunnlagd.

### **Jesus forklarar likninga om ugraset**

<sup>36</sup>Så tok Jesus farvel med folket og gjekk inn. Då kom læresveinane til han og sa: «Forklar oss likninga om ugraset i åkeren!»

<sup>37</sup>Han svara: «Den som sår det gode kornet, er Menneskesonen.

<sup>38</sup> Åkeren er verda. Det gode kornet er dei som er born av riket, ugraset er borna til den vonde.

<sup>39</sup> Fienden som sådde ugraset, er djevelen. Innhaustinga er enden på verda, dei som haustar inn, er englane.

<sup>40</sup>Og slik som ugraset blir sankka saman og brent på elden, slik skal det gå når enden på verda kjem:

<sup>41</sup>Menneskesonen skal senda ut englane sine, og dei skal sankka saman og ta ut av riket hans alt som fører til fall, og alle som gjer urett,

<sup>42</sup> og kasta dei i eldomnen, der dei græt og skjer tenner.

<sup>43</sup> Då skal dei rettferdige skina som sola i sin Fars rike. Den som har øyre, høyr!

#### **Skatten og perla**

<sup>44</sup>Himmelriket er likt ein skatt som var gøymd i ein åker. Ein mann fann skatten og gøymde han att. Glad som han var, gjekk han bort og selde alt det han eigde, og kjøpte åkeren.

<sup>45</sup>Like eins er himmelriket likt ein kjøpmann som leita etter vakre perler.

<sup>46</sup>Då han fann ei svært verdfull perle, gjekk han bort og selde alt det han eigde, og kjøpte henne.

#### **Fiskenota**

<sup>47</sup> Like eins er himmelriket likt ei dragnot som vart sett i sjøen og fanga fisk av alle slag.

<sup>48</sup>Då ho var full, drog fiskarane henne opp på stranda. Så sette dei seg ned og samla den gode fisken i kar, men den ubrukelege kasta dei ut.

<sup>49</sup> Slik skal det gå når enden på verda kjem. Englane skal fara ut og skilja dei vonde frå dei rettferdige

<sup>50</sup> og kasta dei i eldomnen, der dei græt og skjer tenner.

<sup>51</sup>Har de skjønna alt dette?» «Ja», svara dei.

<sup>52</sup> Då sa han til dei: «Difor er kvar skriftlærd som har vorte læresvein av himmelriket, lik ein husherre som hentar fram nytt og gammalt av det han har samla.»

### **Jesus blir avvist på heimstaden**

(Mark 6,1–6; Luk 4,16–30)

<sup>53</sup> Då Jesus var ferdig med å fortelja desse likningane, drog han derifrå

<sup>54</sup> og kom til heimstaden sin. Der underviste han folket i synagogen deira så dei vart fulle av undring og spurde: «Kvar har han denne visdomen og desse mektige gjerningane frå?»

<sup>55</sup> Er ikkje dette son til tømmermannen? Heiter ikkje mor hans Maria? Er ikkje brørne hans Jakob og Josef og Simon og Judas?

<sup>56</sup> Og systrene hans, bur dei ikkje her alle saman? Kvar har han så alt dette frå?»

<sup>57</sup> Dei vart forarga og avviste han. Men Jesus sa til dei: «Ein profet blir ikkje vanvørd andre stader enn på heimstaden og i sitt eige hus.»

<sup>58</sup> Og han gjorde ikkje mange mektige gjerningar der fordi dei var så vantruande.

## **Matteus 14**

### **Herodes og døyparen Johannes**

(Mark 6,14–29; Luk 9,7–9; 3,19–20)

<sup>1</sup> På den tid fekk landsfyrsten Herodes høyra gjetordet om Jesus.

<sup>2</sup> Då sa han til tenarane sine: «Det er døyparen Johannes. Han er reist opp frå dei døde, difor er desse kreftene verksame i han.»

<sup>3</sup> Herodes hadde gripe Johannes og bunde han og kasta han i fengsel. Dette gjorde han for Herodias' skuld, ho som hadde vore gift med Filip, bror hans.

<sup>4</sup> For Johannes hadde sagt til Herodes: «Du har ikkje lov å ha henne.»

<sup>5</sup> Herodes ville helst ha drepe han, men han var redd folket; dei heldt Johannes for å vera ein profet.

<sup>6</sup>Men då Herodes feira fødselsdagen sin, dansa dotter til Herodias for gjestene. Herodes vart så oppglødd over dette

<sup>7</sup>at han med eid lova å gje henne kva ho så bad om.

<sup>8</sup>Då fekk mora henne til å seia: «Gjev meg hovudet til døyparen Johannes på eit fat.»

<sup>9</sup>Kongen vart sorgfull; men fordi han hadde svore, og av omsyn til gjestene, baud han at ho skulle få det,

<sup>10</sup>og han sende folk som skulle hogga hovudet av Johannes i fengselet.

<sup>11</sup>Så vart hovudet hans bore inn på eit fat og gjeve til jenta, og ho gjekk til mor si med det.

<sup>12</sup>Men læresveinane hans kom og henta liket og gravla det. Sidan gjekk dei til Jesus og fortalde det som hadde hendt.

#### **Jesus mettar fem tusen**

(Mark 6,30–44; Luk 9,10–17; Joh 6,1–13)

<sup>13</sup>Då Jesus fekk høyra det, gjekk han ut i ein båt og drog derifrå til ein aud stad, så han kunne vera åleine. Men folk fekk vita det, og dei kom etter han til fots frå byane.

<sup>14</sup> Då han steig i land, fekk han sjå ei stor folkemengd. Han fekk inderleg medkjensle med dei og lækte dei som var sjuke.

<sup>15</sup> Då det leid til kvelds, kom læresveinane til han og sa: «Dette er ein aud stad, og dagen lid. Send folket frå deg, så dei kan gå bort i landsbyane og kjøpa seg mat.»

<sup>16</sup>«Dei treng ikkje gå herifrå», sa Jesus, «de skal gje dei mat!»

<sup>17</sup>«Vi har ikkje meir enn fem brød og to fiskar», svara dei.

<sup>18</sup>Då sa Jesus: «Kom hit til meg med det!»

<sup>19</sup> Så baud han folket setja seg i graset. Og han tok dei fem brøda og dei to fiskane, såg opp mot himmelen og bad takkebøna. Så braut han brøda og gav dei til læresveinane, og læresveinane gav dei til folket.

**20** Og alle åt og vart mette. Etterpå samla dei opp dei stykka som var til overs, tolv fulle korger.

**21** Dei som hadde ete, var omkring fem tusen menn forutan kvinner og born.

### **Jesus går på vatnet**

(Mark 6,45–52; Joh 6,16–21)

**22** Straks etter fekk Jesus læresveinane til å gå i båten og fara føre over til andre sida, medan han tok farvel med folket.

**23** Då han hadde gjort det, gjekk han opp i fjellet for å vera for seg sjølv og be. Då det leid til kvelds, var han der åleine.

**24** Båten var alt langt frå land og stridde hardt i bølgiene, for vinden bar imot.

**25** Men i den fjerde nattevakta kom han gåande mot dei på sjøen.

**26** Og då læresveinane såg han gå på vatnet, vart dei gripne av redsle. «Det er eit gjenferd!» sa dei og var så redde at dei skreik.

**27** Men i det same tala Jesus til dei: «Ver ved godt mot! Det er eg, ver ikkje redde!»

**28** Då sa Peter til han: «Herre, er det du, så sei at eg skal koma til deg på vatnet.»

**29** «Kom!» sa Jesus. Peter steig ut av båten og gjekk på vatnet bort til Jesus.

**30** Men då han såg kor hardt det bles, vart han redd. Han tok til å søkka, og ropa: «Herre, berg meg!»

**31** Med det same rette Jesus ut handa og greip han og sa: «Du lite truande – kvifor tvila du?»

**32** Så steig dei opp i båten, og vinden stilna.

**33** Men dei som var i båten, tilbad han og sa: «Du er sanneleg Guds Son!»

### **Sjuka blir borne til Jesus**

(Mark 6,53–56)

**34** Då dei kom over sjøen, la dei til lands i Gennesaret.



<sup>35</sup> Folket der på staden kjende han att og sende bod rundt i heile området, og dei kom til han med alle som var sjuke.

<sup>36</sup> Dei bad om at dei berre måtte få ta i dusken på kappefliken hans. Og alle som gjorde det, vart friske.

## Matteus 15

### Menneskebod og Guds bod

(Mark 7,1–23)

<sup>1</sup>Då kom det nokre farisearar og skriftlærde til Jesus frå Jerusalem og sa:

<sup>2</sup> «Kvifor bryt læresveinane dine overleveringa frå dei gamle? Dei skyl ikkje hendene før dei et.»

<sup>3</sup>«Og de», svara Jesus, «kvifor bryt de Guds bod av omsyn til dykkar eiga overlevering?»

<sup>4</sup>For Gud har sagt: ‘Æra far din og mor di’ og: ‘Den som talar vondord mot far sin eller mor si, skal døy’.

<sup>5</sup>Men de lærer: ‘Den som seier til far sin eller mor si: Den hjelpa du skulle hatt frå meg, skal vera ei gåve til tempelet,

<sup>6</sup>han treng ikkje heidra far sin {{eller mor si}}.’ Slik har de sett Guds bod til sides av omsyn til dykkar eiga overlevering.

<sup>7</sup>De hyklarar! Jesaja profeterte rett om dykk då han sa:

<sup>8</sup>Dette folket ærar meg med leppene, men hjartet er langt borte frå meg.

<sup>9</sup>Dei dyrkar meg fåfengt, for det dei lærer, er menneskebod.»

<sup>10</sup>Så kalla han folket til seg og sa: «Høyr og forstå!

<sup>11</sup>Det er ikkje det som kjem inn i munnen, som gjer mennesket ureint. Men det som går ut av munnen, det gjer mennesket ureint.»

<sup>12</sup>Då gjekk læresveinane til han og sa: «Veit du at farisearane vart støytt då dei høyrde dette?»

<sup>13</sup>Han svara: «Kvar plante som ikkje Far min i himmelen har planta, skal rivast opp med rot.

<sup>14</sup>Bry dykk ikkje om dei! Dei er blinde rettleiarar for blinde. Og når ein blind leier ein blind, fell dei begge i grøfta.»

<sup>15</sup>Då tok Peter til orde og sa: «Forklar denne likninga for oss.»

<sup>16</sup>«Forstår de enno ingen ting, de heller?» svara Jesus.

<sup>17</sup>«Skjønar de ikkje at alt det som kjem inn i munnen, går ned i magen og fer ut dit det skal?

<sup>18</sup>Men det som går ut av munnen, kjem frå hjartet, og det gjer mennesket ureint.

<sup>19</sup>For frå hjartet kjem vonde tankar, mord, ekteskapsbrot, hor, tjuveri, falskt vitnemål, spott.

<sup>20</sup>Slikt gjer mennesket ureint. Men å eta utan å skylja hendene gjer ikkje eit menneske ureint.»

### Den kanaaneiske kvinna

(Mark 7,24–30)

<sup>21</sup>Så fór Jesus derifrå og tok vegen til landet kring Tyros og Sidon.

<sup>22</sup>Då kom det ei kanaaneisk kvinne frå dette området og ropa: «Herre, du Davids son, miskunna deg over meg! Dotter mi er ille plaga av ei vond ånd.»

<sup>23</sup>Men han svara henne ikkje eit ord. Då gjekk læresveinane fram og bad han: «Bli ferdig med henne; ho går og ropar etter oss.»

<sup>24</sup>Men han svara: «Eg er ikkje send til andre enn dei bortkomne sauene i Israels hus.»

<sup>25</sup>Då kom ho og fall ned for han og sa: «Herre, hjelp meg!»

<sup>26</sup>Han svara: «Det er ikkje rett å ta brødet frå borna og kasta det til hundane.»

<sup>27</sup>«Det er sant, Herre», sa kvinna, «men hundane et då dei smulane som fell frå bordet til eigarane deira.»

**28** Då sa Jesus til henne: «Stor er trua di, kvinne. Det skal gå som du vil.» Og dottera vart frisk frå same stunda.

### **Mange blir lækte**

**29** Då Jesus drog derifrå, tok han vegen langs Galileasjøen, og han gjekk opp i fjellet og sette seg der.

**30** Då kom folk til han i store flokkar. Dei hadde med seg lamme, uføre, blinde og stumme og mange andre, og la dei ned for føtene hans, og han lækte dei.

**31** Folket undra seg då dei såg stumme tala, uføre bli friske, lamme gå og blinde sjå. Og dei lova Israels Gud.

### **Jesus mettar fire tusen**

(Mark 8,1–10)

**32** Jesus kalla læresveinane til seg og sa: «Eg synest inderleg synd på folket. No har dei alt vore hos meg i tre dagar, og dei har ikkje noko å eta. Eg vil ikkje la dei fara svoltne heim, for då kunne dei bli heilt utmatta på vegen.»

**33**Læresveinane svara: «Kvar kan vi få tak i brød her i øydemarka til å metta så mykje folk?»

**34**«Kor mange brød har de?» spurde Jesus. «Sju», svara dei, «og nokre småfiskar.»

**35**Då bad han folket setja seg på marka.

**36**Så tok han dei sju brøda og fiskane, bad takkebøna, braut dei og gav til læresveinane, og læresveinane gav til folket.

**37**Alle åt og vart mette. Etterpå samla dei opp dei brødbitane som var til overs, sju store korgar.

**38**Dei som hadde ete, var fire tusen mann, forutan kvinner og born.

**39**Sidan lét Jesus folket fara heim, og han steig i båten og sette over til området ved Magadan.

## **Matteus 16**

### **Krav om teikn**

(Mark 8,11–13; Luk 12,54–56)

<sup>1</sup> Farisearane og saddukearane kom til han. Dei ville setja han på prøve og bad han visa dei eit teikn frå himmelen.

<sup>2</sup> Men han svara: {{«Om kvelden seier de: ‘Det blir godt vêr, for himmelen er raud’,

<sup>3</sup> og om morgonen: ‘I dag blir det uvêr, for himmelen er raud og mørk’. Det de ser på himmelen, veit de å tyda, men teikna for tidene kan de ikkje tyda.}}<sup>4</sup> Ei vond og utru slekt krev teikn, men ho skal ikkje få anna teikn enn Jona-teiknet.» Dermed snudde han seg frå dei og drog bort.

### **Den farlege surdeigen**

(Mark 8,14–21)

<sup>5</sup> Då dei fór over til den andre sida, hadde læresveinane gløymt å ta med brød.

<sup>6</sup> Jesus sa til dei: «Pass dykk og ta dykk i vare for surdeigen til farisearane og saddukearane.»

<sup>7</sup> Dei samtala om dette og sa til kvarandre: «Det er fordi vi ikkje har teke brød med oss.»

<sup>8</sup> Men Jesus merka det og sa: «Kvifor snakkar de om at de ikkje har brød – de lite truande!

<sup>9</sup> Skjønar de enno ingenting? Hugsar de ikkje dei fem brøda til dei fem tusen, og kor mange korgar de då fekk att?

<sup>10</sup> Eller dei sju brøda til dei fire tusen, og kor mange korgar de då fekk att?

<sup>11</sup> Korleis kan de tenkja at det var brød eg tala om? Men ta dykk i vare for surdeigen til farisearane og saddukearane.»

<sup>12</sup> Då skjønna dei at det ikkje var surdeig i brød dei skulle akta seg for, men læra til farisearane og saddukearane.

### **Peters vedkjenning**

(Mark 8,27–30; Luk 9,18–21)

<sup>13</sup> Då Jesus kom til bygdene ved Cæsarea Filippi, spurde han læresveinane sine: «Kven seier folk at Menneskesonen er?»

**14** Dei svara: «Somme seier døyparen Johannes, andre Elia og atter andre Jeremia eller ein annan av profetane.»

**15**«Og de», spurde han, «kven seier de at eg er?»

**16** Då svara Simon Peter: «Du er Messias, den levande Guds Son.»

**17** Jesus tok til orde og sa: «Sæl er du, Simon, son til Jona. For dette har ikkje kjøt og blod openberra for deg, men Far min i himmelen.

**18** Og det seier eg deg: Du er Peter, og på dette fjellet vil eg byggja mi kyrkje, og dødsrikeportane skal ikkje få makt over henne.

**19** Eg vil gje deg nøklane til himmelriket; det du bind på jorda, skal vera bunde i himmelen, og det du løyser på jorda, skal vera løyst i himmelen.»

**20** Så forbaud han læresveinane strengt å seia til nokon at han var Messias.

### **Jesus talar om at han skal døy og stå opp att**

(Mark 8,31–33; Luk 9,22)

**21** Frå den tid tok Jesus Kristus til å gjera det klårt for læresveinane at han laut fara til Jerusalem, og at dei eldste, overprestane og dei skriftlærde skulle la han lida mykje. Han skulle bli slegen i hel, og tredje dagen skulle han reisast opp.

**22**Då tok Peter han til sides og gav seg til å tala han til rette og sa: «Gud hjelpe deg, Herre! Dette må aldri henda deg.»

**23** Men Jesus snudde seg og sa til Peter: «Vik bak meg, Satan! Du vil føra meg til fall. Du har ikkje tanke for det som Gud vil, berre for det som menneska vil.»

### **Å følgja Jesus**

(Mark 8,34–9,1; Luk 9,23–27)

**24** Same gongen sa Jesus til læresveinane: «Vil nokon følgja etter meg, må han seia nei til seg sjølv, ta krossen sin opp og følgja meg.

**25**For den som vil berga livet sitt, skal mista det. Men den som mistar livet sitt for mi skuld, skal finna det.

<sup>26</sup> Kva gagnar det eit menneske om det vinn heile verda, men taper si sjel? Eller kva kan eit menneske gje til vederlag for si sjel?

<sup>27</sup> For Menneskesonen skal koma i herlegdomen åt Far sin saman med englane sine, og då skal han løna kvar og ein etter det han har gjort.

<sup>28</sup> Sanneleg, eg seier dykk: Somme av dei som står her, skal ikkje smaka døden før dei ser Menneskesonen koma med kongsmakt.»

## Matteus 17

### Læresveinane får sjå Jesu herlegdom

(Mark 9,2–13; Luk 9,28–36)

<sup>1</sup> Seks dagar etter tok Jesus med seg Peter, Jakob og Johannes, bror hans, og førte dei opp på eit høgt fjell; der var dei åleine.

<sup>2</sup> Då vart han forvandla for auga deira. Andletet hans skein som sola, og kledda vart kvite som lyset.

<sup>3</sup> Og sjå, Moses og Elia synt seg for dei og snakka med han.

<sup>4</sup> Då tok Peter til orde og sa til Jesus: «Herre, det er godt at vi er her. Om du vil, så skal eg byggja tre hytter, ei til deg, ei til Moses og ei til Elia.»

<sup>5</sup> Men før han hadde tala ut, kom det ei lysande sky og la skugge over dei, og frå skya kom det ei røyst: «Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede. Høyr han!»

<sup>6</sup> Då læresveinane høyrde det, kasta dei seg ned med andletet mot jorda, gripne av redsle.

<sup>7</sup> Men Jesus gjekk bort og rørte ved dei og sa: «Reis dykk opp, og ver ikkje redde!»

<sup>8</sup> Og då dei såg opp, såg dei ingen andre enn han, berre Jesus.

<sup>9</sup> På vegen ned frå fjellet baud Jesus dei: «Fortel ikkje nokon om dette synet før Menneskesonen har stått opp frå dei døde.»

<sup>10</sup> Då spurde læresveinane: «Kvifor seier dei skriftlærde at først må Elia koma?»

**11** Jesus svara: «Elia skal nok koma og setja alt i rett skikk.

**12** Ja, eg seier dykk: Elia er alt komen, men dei ville ikkje vita av han og gjorde med han som dei ville. På same måten kjem dei òg til å la Menneskesonen lida.»

**13** Då skjøna læresveinane at han tala til dei om døyparen Johannes.

### **Jesus lækjer ein gut med ei vond ånd**

(Mark 9,14–20.25–28; Luk 9,37–43)

**14** Då dei kom ned til folket, kom det ein mann til Jesus, fall på kne for han

**15** og sa: «Herre, miskunna deg over son min. Han er månesjuk og lid mykje vondt; ofte fell han i elden og ofte i vatnet.

**16** Eg tok han med til læresveinane dine, men dei kunne ikkje lækja han.»

**17** Jesus svara: «Du vantruande og vrange slekt! Kor lenge skal eg vera hos dykk? Kor lenge skal eg halda ut med dykk? Kom hit med guten!»

**18** Og Jesus tala myndig til han, den vonde ånda fór ut, og guten vart god att i same stunda.

**19** Då læresveinane vart åleine med Jesus, spurde dei han: «Kvifor kunne ikkje vi driva ut den ånda?»

**20** «Fordi de har så lite tru», svara han. «Sanneleg, eg seier dykk: Har de tru som eit sennepsfrø, kan de seia til dette fjellet: ‘Flytt deg herifrå og dit!’ – då skal det flytta seg, og ingen ting skal vera umogleg for dykk.

**21** {{Men dette slaget kan berre drivast ut med bøn og faste.}}

### **Jesus talar igjen om at han skal døy og stå opp att**

(Mark 9,30–32; Luk 9,44–45)

**22** Medan dei enno gjekk omkring saman i Galilea, sa Jesus til dei: «Menneskesonen skal gjevast over i hendene på menneske;

**23** dei skal slå han i hel, og tredje dagen skal han reisast opp att.» Då vart dei svært sorgfulle.

## **Tempelskatten**

<sup>24</sup> Då dei vel var framme i Kapernaum, kom dei som kravde inn tempelskatten, bort til Peter og spurde: «Betaler ikkje meisteren dykkar skatt til tempelet?»

<sup>25</sup>«Jau, det gjer han», svara Peter. Då han kom heim, spurde Jesus, før Peter hadde sagt noko: «Kva meiner du, Simon? Kven er det kongane på jorda krev toll eller skatt av? Er det av borna sine eller av framande?»

<sup>26</sup>«Av framande», svara Peter. «Så går borna fri då», sa Jesus.

<sup>27</sup> «Men vi vil ikkje støyta dei; difor skal du gå ned til sjøen og kasta ut eit snøre. Ta den første fisken du får, og når du opnar gapet på han, finn du ein sølvmynt. Ta den og gjev han til dei for meg og deg.»

## Matteus 18

### Himmelriket og dei små

(Mark 9,33–37; Luk 9,46–48)

<sup>1</sup> I same stunda kom læresveinane til Jesus og spurde: «Kven er den største i himmelriket?»

<sup>2</sup>Då kalla han til seg eit lite barn, sette det midt imellom dei

<sup>3</sup> og sa: «Sanneleg, eg seier dykk: Utan at de vender om og blir som born, kjem de ikkje inn i himmelriket.

<sup>4</sup>Den som gjer seg sjølv liten som dette barnet, han er den største i himmelriket.

<sup>5</sup> Og den som tek imot eit slikt lite barn i mitt namn, tek imot meg.

### Forføringar og freistingar

(Mark 9,42–48; Luk 17,1–2)

<sup>6</sup> Men den som lokkar til fall ein av desse små som trur på meg, han var betre tent med å få ein kvernstein hengd om halsen og bli søkkt i havsens djup.

<sup>7</sup> Ve denne verda som lokkar til fall! Forføringane må koma, men ve det mennesket som dei kjem frå!



<sup>8</sup> Om handa eller foten lokkar deg til fall, så hogg dei av og kast dei frå deg! Det er betre for deg å gå lemlesta eller halt inn til livet enn å ha to hender og to føter og bli kasta i den evige elden.

<sup>9</sup> Og om auget lokkar deg til fall, så riv det ut og kast det frå deg! Det er betre for deg å gå einøygd inn til livet enn å ha to auge og bli kasta i helvetes eld.

### Sauen som gjekk seg vill

(Luk 15,3–7)

<sup>10</sup> Ta dykk i vare så de ikkje ser med forakt på ein einaste av desse små! For eg seier dykk: Dei har sine englar i himmelen som alltid ser andletet til min himmelske Far.

<sup>11</sup> {{For Menneskesonen er komen for å frelsa det som var tapt.}}

<sup>12</sup> Kva meiner de? Om ein mann har hundre sauer og ein av dei går seg vill, lèt han ikkje då dei nittini vera att i fjellet og går av stad og leitar etter den som er komen på avveggar?

<sup>13</sup> Sanneleg, eg seier dykk: Skulle han finna sauen, då gler han seg meir over denne eine enn over dei nittini som ikkje gjekk seg vill.

<sup>14</sup> Slik vil heller ikkje Far dykkar i himmelen at ein einaste av desse små skal gå tapt.

### Når ein bror syndar

(Luk 17,3)

<sup>15</sup> Syndar bror din {{mot deg}}, så gå til han og still han til ansvar på tomannshand! Høyrer han på deg, har du vunne bror din.

<sup>16</sup> Men vil han ikkje høyra, så ta med deg ein eller to til, for etter to eller tre manns vitnemål skal kvar sak vera avgjort.

<sup>17</sup> Høyrer han ikkje på dei, så sei det til forsamlinga. Men vil han ikkje høyra på forsamlinga heller, skal han vera som ein heidning eller ein tollar for deg.

<sup>18</sup> Sanneleg, eg seier dykk: Alt det de bind på jorda, skal vera bunde i himmelen, og alt det de løyser på jorda, skal vera løyst i himmelen.

<sup>19</sup> Like eins seier eg dykk: Dersom to av dykk her på jorda blir samde om å be om noko, kva det enn er, skal dei få det av Far min i himmelen.

<sup>20</sup> For der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei.»

### **Likninga om den hardhjarta tenaren**

<sup>21</sup> Då gjekk Peter fram til Jesus og spurde: «Herre, kor mange gonger skal bror min kunna synda mot meg og eg likevel tilgje han? Så mykje som sju gonger?»

<sup>22</sup> Jesus svara: «Ikkje sju gonger, seier eg deg, men sytti gonger sju!

<sup>23</sup> Difor kan himmelriket liknast med ein konge som ville gjera opp rekneskapen med tenarane sine.

<sup>24</sup> Då han tok til med oppgjeret, førte dei fram for han ein som var skuldig ti tusen talentar.

<sup>25</sup> Han hadde ikkje noko å betala med, og herren baud at han skulle seljast, både han og kona hans og borna og alt han eigde, så gjelda kunne betalast.

<sup>26</sup> Men tenaren fall på kne for han og bad: ‘Ver tolmodig med meg, så skal eg betala deg alt saman.’

<sup>27</sup> Herren fekk inderleg medkjensle med han, sleppte han fri og ettergav han skulda.

<sup>28</sup> Då tenaren kom ut, møtte han ein medtenar som skulda han hundre denarar. Han greip medtenaren, tok strupetak på han og sa: ‘Betal det du skuldar!’

<sup>29</sup> Medtenaren fall ned for han og bad: ‘Ver tolmodig med meg, så skal eg betala deg.’

<sup>30</sup> Men han ville ikkje. Han gjekk av stad og sette medtenaren sin i fengsel; der skulle han sitja til han hadde betalt skulda.

<sup>31</sup> Då dei andre tenarane såg det som hende, vart dei svært sorgfulle. Dei gjekk til herren sin og fortalde han alt som var hendt.

<sup>32</sup>Då kalla herren tenaren til seg att og sa til han: ‘Du vonde tenar! Heile skulda ettergav eg deg fordi du bad meg om det.

<sup>33</sup>Skulle ikkje du òg ha vist miskunn mot medtenaren din, slik eg viste miskunn mot deg?’

<sup>34</sup>Og herren vart sint og overgav tenaren til fangevaktarar som skulle mishandla han til han hadde betalt heile skulda.

<sup>35</sup>Slik skal Far min i himmelen gjera med kvar ein av dykk som ikkje av hjartet tilgjev bror sin.»

## Matteus 19

### Ekteskap, skilsmisse og einsleg stand

(Mark 10,1–12)

<sup>1</sup>Då Jesus hadde fullført denne talen, tok han ut frå Galilea og drog til Judea-landet bortanfor Jordan.

<sup>2</sup>Mykje folk følgde han, og han lækte dei der.

<sup>3</sup>Nokre farisearar ville setja han på prøve og kom til han og spurde: «Har ein mann lov til å skilja seg frå kona si av kva grunn som helst?»

<sup>4</sup>Han svara: «Har de ikkje lese at Skaparen frå opphavet skapte dei som mann og kvinne

<sup>5</sup>og sa: ‘Difor skal mannen forlata far og mor og halda fast ved kvinna si, og dei to skal vera éin kropp?’

<sup>6</sup>Så er dei ikkje lenger to; dei er éin kropp. Og det som Gud har bunde saman, det skal ikkje menneske skilja.»

<sup>7</sup>Dei spurde han: «Kvifor har då Moses gjeve bod om at mannen skal gje kvinna skilsmissebrev før han kan senda henne frå seg?»

<sup>8</sup>Jesus svara: «Fordi hjarta dykkar er så harde, gav Moses dykk lov til å skiljast frå konene dykkar. Men frå opphavet var det ikkje så.

<sup>9</sup>Og det seier eg dykk: Den som skil seg frå kona si for noko anna enn hor og gifter seg med ei anna, han bryt ekteskapet.»

**10**Då sa læresveinane til han: «Er det slik mellom mann og kvinne, då er det betre å la vera å gifta seg.»

**11** Men Jesus svara: «Dette er noko som ikkje alle kan ta inn over seg, men berre dei som har fått gåve til det.

**12** For somme er evnukkar fordi dei er komne slik frå mors liv, andre fordi menneske har gjort dei til evnukkar, men det finst òg dei som har gjort seg sjølve lik ein evnukk for himmelriket skuld. Lat dei ta dette til seg, dei som kan.»

### **Jesus og borna**

(Mark 10,13–16; Luk 18,15–17)

**13**Dei bar småborn til Jesus for at han skulle leggja hendene på dei og be; men læresveinane viste dei bort.

**14** Då sa Jesus: «Lat småborna vera, og hindra dei ikkje i å koma til meg! For himmelriket høyrer slike til.»

**15**Og han la hendene på dei. Så drog han derifrå.

### **Jesus og den rike unge mannen**

(Mark 10,17–31; Luk 18,18–30)

**16**Då kom det ein mann til han og spurde: «Meister, kva godt skal eg gjera så eg kan få evig liv?»

**17** Jesus svara: «Kvifor spør du meg om det gode? Éin er den gode. Men vil du gå inn til livet, så hald boda!»

**18**«Kva for bod?» spurde mannen. Jesus svara: «Du skal ikkje slå i hel, du skal ikkje bryta ekteskapet, du skal ikkje stela, du skal ikkje vitna falskt,

**19** du skal æra far din og mor di, og du skal elska nesten din som deg sjølv.»

**20**«Alt dette har eg halde», svara den unge mannen. «Kva står då att?»

**21** Jesus sa til han: «Vil du vera heilhjarta, så gå bort og sel det du eig, og gjev det til dei fattige. Då skal du få ein skatt i himmelen. Kom så og følg meg!»

**22**Men då den unge mannen hørde det, gjekk han sorgtung bort, for han eigde mykje.

<sup>23</sup> Då sa Jesus til læresveinane: «Sanneleg, eg seier dykk: Det er vanskeleg for ein som er rik, å koma inn i himmelriket.

<sup>24</sup>Ja, eg seier dykk: Det er lettare for ein kamel å gå gjennom eit nålaug enn for ein rik å koma inn i Guds rike.»

<sup>25</sup>Då læresveinane høyrde det, vart dei heilt forstøkte og sa: «Kven kan då bli frelst?»

<sup>26</sup> Jesus såg på dei og sa: «For menneske er det umogleg; men for Gud er alt mogleg.»

<sup>27</sup> Då tok Peter til orde og sa: «Kva med oss? Vi har gått ifrå alt og følgd deg. Kva skal vi få?»

<sup>28</sup> Jesus sa til dei: «Sanneleg, eg seier dykk: Når alt skal fødst på nytt og Menneskesonen sit på kongsstolen sin i herlegdom, då skal de òg, som har følgd meg, sitja på tolv troner og dømma dei tolv Israel-stammene.

<sup>29</sup> Og alle som har forlate hus eller brør eller systrer eller far eller mor eller born eller åkrar for mitt namn skuld, skal få det att hundre gonger og arva evig liv.

<sup>30</sup> Men mange som er dei første, skal bli dei siste, og dei siste skal bli dei første.

## Matteus 20

### Likninga om arbeidarane i vingarden

<sup>1</sup>Himmelriket kan liknast med ein jordeigar som gjekk ut tidleg om morgonen for å leiga arbeidsfolk til vingarden sin.

<sup>2</sup>Han vart samd med arbeidarane om ein denar for dagen og sende dei bort i vingarden.

<sup>3</sup>Så gjekk han ut omkring den tredje timen og fekk sjå nokre andre som stod ledige på torget.

<sup>4</sup>Han sa til dei: 'Gå bort i vingarden, de òg! Så skal eg gje dykk det som er rett.'

<sup>5</sup>Og dei gjekk. Sidan gjekk han ut omkring den sjette og den niande timen og gjorde like eins.

<sup>6</sup>Då det leid til den ellefte timen, gjekk han ut att og fann endå nokre som stod der. Han seier til dei: 'Kvifor står de her arbeidslause heile dagen?'

<sup>7</sup>'Fordi ingen har leigd oss', svara dei. Då sa han: 'Gå bort i vingarden, de òg.'

<sup>8</sup>Då det leid til kvelds, sa vingardseigaren til forvaltaren sin: 'Kall fram arbeidsfolket og lat dei få løna si! Ta til med dei siste og hald fram til dei første.'

<sup>9</sup>Så kom dei som var leigde omkring den ellefte timen, og fekk ein denar kvar.

<sup>10</sup>Då dei første kom, venta dei å få meir; men dei fekk kvar sin denar, dei òg.

<sup>11</sup>Dei tok imot pengane, murra mot jordeigaren

<sup>12</sup>og sa: 'Dei som kom sist, har ikkje arbeidd meir enn ein time, og så set du dei likt med oss som har slite og sveitta heile dagen!'

<sup>13</sup>Han sa til ein av dei: 'Ven, eg gjer deg ikkje urett. Var vi ikkje samde om ein denar?'

<sup>14</sup>Ta ditt og gå! Men eg vil gje han som kom sist, like mykje som deg.

<sup>15</sup>Har eg ikkje lov å gjera som eg vil med det som er mitt? Eller ser du med vonde auge på at eg er god?'

<sup>16</sup> Såleis skal dei siste bli dei første og dei første dei siste.»

### **Jesus talar tredje gongen om at han skal døy og stå opp att**

(Mark 10,32–34; Luk 18,31–34)

<sup>17</sup>Jesus drog no opp til Jerusalem. På vegen tok han dei tolv læresveinane til sides og sa til dei:

<sup>18</sup> «Sjå, vi går opp til Jerusalem, og Menneskesonen skal gjevast over til overprestane og dei skriftlærde. Dei skal dømme han til døden

<sup>19</sup> og gje han over til heidningane, så han blir spotta, piska og krossfest. Og tredje dagen skal han reisast opp.»

### Ikkje råda, men tena

(Mark 10,35–45)

**20** Då kom mor til Sebedeus-sønene til han med sønene sine og fall på kne for å be han om noko.

**21** «Kva er det du vil?» spurde han. Ho svara: «Lov meg at desse to sønene mine skal få sitja ved sida av deg i riket ditt, den eine på høgre og den andre på venstre sida.»

**22** «De veit ikkje kva de bed om», sa Jesus. «Kan de drikka det begeret eg skal drikka?» «Det kan vi», svara dei.

**23** Då sa han: «Mitt beger skal de drikka, men kven som skal sitja på mi høgre og venstre side, er det ikkje mi sak å avgjera. Der skal dei sitja som Far min har gjort i stand for.»

**24** Då dei ti andre hørde dette, vart dei sinte på dei to brørne.

**25** Men Jesus kalla dei til seg og sa: «De veit at fyrstane over folka undertrykkjer dei, og stormennene deira styrer med hard hand.

**26** Men slik skal det ikkje vera blant dykk. Den som vil bli stor mellom dykk, skal vera tenaren dykkar;

**27** og den som vil vera den første av dykk, skal vera slaven dykkar.

**28** Menneskesonen er heller ikkje komen for å la seg tena, men for sjølv å tena og gje livet sitt til løysepeng for mange.»

### Jesus lækjer to blinde

(Mark 10,46–52; Luk 18,35–43)

**29** Då dei tok ut frå Jeriko, følgde det mykje folk med han.

**30** Ved vegen sat det to blinde, og då dei hørde at Jesus gjekk framom, ropa dei: «Herre, du Davids son, miskunna deg over oss!»

**31** Folket tala hardt til dei og bad dei teia, men dei ropa endå høgare: «Herre, du Davids son, miskunna deg over oss!»

**32** Då stansa Jesus, kalla på dei og sa: «Kva vil de at eg skal gjera for dykk?»

**33** «Lat auga våre bli opna, Herre!» svara dei.

**34** Jesus fekk inderleg medkjensle med dei og rørte ved auga deira. Straks kunne dei sjå, og dei følgde han.

## Matteus 21

### Jesus kjem til Jerusalem

(Kap. 21–23)

#### Jesus rid inn i Jerusalem

(Mark 11,1–11; Luk 19,28–38; Joh 12,12–16)

**1**Då dei nærma seg Jerusalem og var komne til Betfage ved Oljeberget, sende Jesus to læresveinar i veg

**2**og sa til dei: «Gå inn i den landsbyen som ligg framfor dykk! Der skal de straks finna eit esel som står bunde og har ein fole hos seg. Desse skal de løysa og leia til meg.

**3**Og om nokon kjem med spørsmål, då skal de svara: ‘Herren har bruk for dei.’ Då sender han dei hit med ein gong.»

**4**Dette hende for at det skulle oppfyllest, det som er tala gjennom profeten:

**5**Sei til dotter Sion: Sjå, kongen din kjem til deg, audmjuk er han og rid på eit esel og på folen til eit trekkdyr.

**6**Læresveinane gjekk av stad og gjorde som Jesus hadde sagt.

**7**Dei henta eselet og folen. Så la dei kappene sine på dei, og han sette seg oppå.

**8**Mange i folkehopen breidde kappene sine på vegen, andre hogg greiner av trea og strødde på vegen.

**9**Og folket som gjekk føre, og dei som følgde etter, ropa: Hosianna, Davids son! Velsigna er han som kjem i Herrens namn! Hosianna i det høgste!

**10**Då han drog inn i Jerusalem, vart det uro i heile byen, og dei spurde: «Kven er dette?»

**11** Og folkehopen svara: «Det er profeten Jesus frå Nasaret i Galilea.»

#### Tempelet skal vera eit bønehus

(Mark 11,15–19; Luk 19,45–48; Joh 2,13–16)



**12** Så gjekk Jesus inn på tempelplassen og dreiv ut alle som selde og kjøpte der. Han velte borda til pengevekslarane og benkene til dei som selde duer

**13** og sa til dei: «Det står skrive: Mitt hus skal kallast eit bønhus. Men de gjer det til ei røvarhøle.»

**14** På tempelplassen kom nokre blinde og lamme til han, og han lækte dei.

**15** Men då overprestane og dei skriftlærde såg undera han gjorde og hørde borna som ropa i heilagdomen: «Hosianna, Davids son!» vart dei arge

**16** og sa til han: «Høyrer du kva dei seier?» «Ja», svara Jesus. «Har de aldri lese dette ordet: Frå munnen på småborn og spedborn har du late lovsong lyda!»

**17** Så gjekk han frå dei og ut av byen, til Betania. Der var han om natta.

#### **Fikentreet som ikkje bar frukt**

(Mark 11,12–14.20–24)

**18** Då Jesus tidleg om morgonen var på veg tilbake til byen, vart han svolten.

**19** Han fekk sjå eit fikentre ved sida av vegen og gjekk bort til det, men fann ikkje anna enn lauv. Då sa han til treet: «Aldri meir skal du bera frukt.» Og straks visna fikentreet.

**20** Læresveinane undra seg då dei såg det, og sa: «Korleis hadde det seg at fikentreet visna så brått?»

**21** Jesus svara: «Sanneleg, eg seier dykk: Dersom de har tru og ikkje tvilar, skal de ikkje berre kunna gjera det som eg gjorde med fikentreet. Nei, endå om de seier til dette fjellet: ‘Lyft deg opp og kast deg i havet’, så skal det skje.

**22** Og alt de bed om i bønene dykkar, skal de få når de bed med tru.»

#### **Jesu fullmakt**

(Mark 11,27–33; Luk 20,1–8)

**23** Så gjekk Jesus inn på tempelplassen. Og medan han underviste folket, kom overprestane og dei eldste i folket til han og spurde: «Kva fullmakt har du til å gjera dette? Og kven har gjeve deg denne fullmakta?»

<sup>24</sup>Jesus sa til dei: «Eg har òg eit spørsmål til dykk. Svarar de meg på det, skal eg seia dykk kva fullmakt eg har til å gjera dette.

<sup>25</sup>Johannes-dåpen, kvar var den ifrå? Frå himmelen eller frå menneske?» Dei samrådte seg med kvarandre og sa: «Svarar vi: ‘Frå himmelen’, vil han seia: ‘Kvifor trudde de han då ikkje?’

<sup>26</sup>Og svarar vi: ‘Frå menneske’, er vi redde for kva folket vil gjera, for alle held Johannes for ein profet.»

<sup>27</sup>Difor svara dei: «Det veit vi ikkje.» Då sa Jesus til dei: «Så seier heller ikkje eg til dykk kva fullmakt eg har til å gjera dette.

### **Likninga om dei to sønene**

<sup>28</sup>Men kva meiner de om dette: Det var ein mann som hadde to søner. Han gjekk til den eine og sa: ‘Gå bort i vingarden og arbeid der i dag, guten min!’

<sup>29</sup>‘Nei, eg vil ikkje’, svara han. Men sidan angra han og gjekk.

<sup>30</sup>Så gjekk faren til den andre og bad han om det same. ‘Ja, herre’, svara han; men han gjekk ikkje.

<sup>31</sup>Kven av dei to gjorde som faren ville?» «Den første», svara dei. Då sa Jesus til dei: «Sanneleg, eg seier dykk: Tollarar og horer kjem før inn i Guds rike enn de.

<sup>32</sup>For Johannes kom til dykk på rettferdsveg, men de trudde han ikkje. Tollarane og horene, derimot, dei trudde han. Men de, endå de såg dette, angra de ikkje då heller, så de trudde han.

### **Likninga om vinbøndene og arvingen**

(Mark 12,1–12; Luk 20,9–19)

<sup>33</sup>Høyr ei anna likning: Det var ein jordeigar som planta ei vinmark. Han sette gjerde rundt, hogg ut ei vinpresse der og bygde eit vaktårn. Så leigde han vingarden bort til nokre vinbønder og drog utanlands.

<sup>34</sup>Då det nærma seg innhaustingstida, sende han tenarane sine til bøndene for å få avlinga si.

<sup>35</sup>Men dei greip tenarane: ein skamslo dei, ein drap dei, og ein steina dei.



<sup>36</sup>Sidan sende han andre tenarar, fleire enn første gongen, men dei gjorde det same med dei.

<sup>37</sup>Til slutt sende han son sin til dei; for han tenkte: 'Son min har dei nok vørtnad for.'

<sup>38</sup> Men då vinbøndene fekk sjå sonen, sa dei til kvarandre: 'Der har vi arvingen. Kom, lat oss slå han i hel, så blir arven vår.'

<sup>39</sup> Så tok dei han, kasta han ut av vingarden og slo han i hel.

<sup>40</sup>Når no vingardsherren kjem, kva skal han då gjera med desse bøndene?»

<sup>41</sup>«Ein vond død skal han gje desse vonde menneska», svara dei, «og vingarden skal han leiga ut til andre, som gjev han avlinga i rett tid.»

<sup>42</sup> Då sa Jesus til dei: «Har de aldri lese i skriftene: Steinen som bygningsmennene vraka, har vorte hjørnestein. Dette er Herrens eige verk, underfullt er det i våre auge.

<sup>43</sup> Difor seier eg dykk: Guds rike skal takast ifrå dykk og gjevast til eit folk som ber dei fruktene som høyrer riket til.

<sup>44</sup>Den som fell mot denne steinen, skal bli sundslegen. Og den som steinen fell på, skal bli knust.»

<sup>45</sup>Då overprestane og farisearane høyrde likningane hans, skjøna dei at det var dei han sikta til.

<sup>46</sup> Dei ville gjerne ha gripe han, men torde ikkje for folket, som heldt han for ein profet.

## Matteus 22

### Likninga om bryllaupet for kongssonen

(Luk 14,16–24)

<sup>1</sup>Så tok Jesus til orde att og tala til dei i likningar:

<sup>2</sup>«Himmelriket kan liknast med ein konge som skulle halda bryllaup for son sin.

<sup>3</sup>Han sende ut tenarane sine for å kalla dei innbedne til bryllaupet. Men dei ville ikkje koma.

<sup>4</sup>Då sende han ut andre tenarar og sa: ‘Sei til dei innbedne: Festmåltidet har eg stelt til, oksane mine og gjøkalvane er slakta, og alt er ferdig. Kom til bryllaupet!’

<sup>5</sup>Men dei brydde seg ikkje om det; ein gjekk ut på åkeren sin og ein annan til handelen sin.

<sup>6</sup>Dei andre greip tenarane hans, mishandla dei og slo dei i hel.

<sup>7</sup>Då vart kongen sint. Han sende ut troppane sine og gjorde ende på desse mordarane og brende byen deira.

<sup>8</sup>Så sa han til tenarane: ‘Alt er ferdig til bryllaupet, men dei bedne var ikkje verdige.

<sup>9</sup>Gå difor ut på vegskilja og be til bryllaups alle de finn.’<sup>10</sup>Så gjekk tenarane ut på vegane og bad i hop alle dei fann, både vonde og gode, og bryllaupssalen vart full av gjester.

<sup>11</sup> Då kongen kom inn for å sjå til gjestene, fekk han auge på ein som ikkje var bryllaupskledd.

<sup>12</sup>Kongen seier til han: ‘Ven, korleis er du komen inn her utan bryllaupsklede?’ Men han tagde.

<sup>13</sup> Då sa kongen til tenarane: ‘Bind hendene og føtene hans og kast han ut i mørkret utanfor, der dei græt og skjer tenner!’

<sup>14</sup>For mange er kalla, men få er utvalde.»

### **Er det rett å svara skatt til keisaren?**

(Mark 12,13–17; Luk 20,20–26)

<sup>15</sup>Då gjekk farisearane bort og vart samde om at dei ville fanga han i ord.

<sup>16</sup> Dei sende læresveinane sine til han i lag med nokre herodianarar og lét dei seia: «Meister, vi veit at du alltid held deg til sanninga og lærer sant om Guds veg. Du bryr deg ikkje om kva andre meiner, for du gjer ikkje skilnad på folk.

<sup>17</sup>Sei oss kva du meiner: Er det rett å svara skatt til keisaren, eller er det ikkje?»

<sup>18</sup>Men Jesus merka vondskapen og sa: «De hyklarar, kvifor set de meg på prøve?

<sup>19</sup>Vis meg mynten som skatten skal betalast med!» Dei gav han ein denar.

<sup>20</sup>«Kven har biletet og namnet sitt her?» spurde han.

<sup>21</sup> «Keisaren», svara dei. Då sa han til dei: «Så gjev då keisaren det som høyrer keisaren til, og Gud det som høyrer Gud til.»

<sup>22</sup>Då dei høyrde det, undra dei seg, og dei lét han vera og gjekk sin veg.

### **Oppstoda frå dei døde**

(Mark 12,18–27; Luk 20,27–40)

<sup>23</sup> Same dagen kom det nokre saddukearar til Jesus; det er dei som seier at dei døde ikkje skal stå opp. Og dei la fram for han dette spørsmålet:

<sup>24</sup> «Meister, Moses har sagt: ‘Om ein mann dør barnlaus, skal bror hans gifta seg med enkja og halda oppe ætta til bror sin.’

<sup>25</sup>No var det ein gong sju brør hos oss. Den eine gifte seg, men døydde ei tid etter; han hadde ikkje born og lét etter seg kona si til broren.

<sup>26</sup>Det same hende med den andre og den tredje, ja, med alle sju.

<sup>27</sup>Sist av alle døydde kvinna.

<sup>28</sup>Når dei så står opp att, kven av dei sju skal då ha henne til kone? Alle har då vore gifte med henne.»

<sup>29</sup>Jesus svara: «De er på ville vegar fordi de ikkje kjenner skriftene og heller ikkje Guds makt.

<sup>30</sup>For etter oppstoda er det ingen som gifter seg eller blir bortgifte; nei, dei er som englane i himmelen.

<sup>31</sup>Men om oppstoda frå dei døde, har de ikkje lese kva Gud har tala til dykk når han seier:

32 ‘Eg er Abrahams Gud og Isaks Gud og Jakobs Gud!’ Han er ikkje ein Gud for døde, men for levande.»

33 Då folket høyrde dette, vart dei fulle av undring over læra hans.

#### **Dei to store boda**

(Mark 12,28–31; Luk 10,25–28)

34Då farisearane fekk høyra at Jesus hadde fått saddukearane til å teia, kom dei saman.

35Og ein av dei, ein lovskunnig, ville setja han på prøve og spurde:

36«Meister, kva bod er det største i lova?»

37 Han svara: «‘Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit.’

38Dette er det største og første bodet.

39 Men det andre er like stort: ‘Du skal elska nesten din som deg sjølv.’

40 På desse to boda kviler heile lova og profetane.»

#### **David og Messias**

(Mark 12,35–37; Luk 20,41–44)

41Medan farisearane var samla, spurde Jesus dei:

42 «Kva meiner de om Messias? Kven er han son til?» «David», svara dei.

43 Jesus sa: «Korleis kan då David ved Anden kalla han herre når han seier:

44 ‘Herren sa til min herre: Set deg ved mi høgre hand til eg får lagt dine fiendar under dine føter.’

45Om no David kallar han herre, korleis kan han då vera Davids son?»

46 Men ingen kunne svara han eit ord. Og frå den dagen våga ikkje nokon å spørja han meir.

## **Matteus 23**

### **Jesus åtvarar mot dei skriftlærde og farisearane**

(Mark 12,38–40; Luk 11,43.46; 20,45–47)

1Sidan tala Jesus til folket og til læresveinane sine og sa:

- <sup>2</sup>«På stolen til Moses sit dei skriftlærde og farisearane.
- <sup>3</sup> Alt det dei seier til dykk, skal de gjera og halda; men etter gjerningane deira skal de ikkje retta dykk. For det dei seier, gjer dei ikkje.
- <sup>4</sup> Dei bind bærer som er for tunge til å bera, og legg på akslene til folk, men sjølve vil dei ikkje røra dei med ein finger.
- <sup>5</sup> Alle sine gjerningar gjer dei så folk skal sjå det. Dei gjer bønereimane breie og minneduskane store.
- <sup>6</sup> Dei likar å ha heidersplassane i gjestebod og sitja fremst i synagogane,
- <sup>7</sup> og at folk helsar dei på torget og kallar dei rabbi.
- <sup>8</sup> Men de skal ikkje la nokon kalla dykk rabbi; for det er éin som er meisteren dykkar, og de er alle sysken.
- <sup>9</sup> Og kalla ikkje nokon her på jorda far; for de har berre éin Far, han som er i himmelen.
- <sup>10</sup> Lat heller ikkje nokon kalla dykk lærarar; for de har éin lærar: Kristus.
- <sup>11</sup> Den største av dykk skal vera tenaren dykkar.
- <sup>12</sup> Den som set seg sjølv høgt, skal setjast lågt, og den som set seg sjølv lågt, skal setjast høgt.

### Verop over dei skriftlærde og farisearane

(Luk 20,47; 11,39–44.47–52)

- <sup>13</sup> Ve dykk, skriftlærde og farisearar, de hyklarar! De stengjer himmelriket for folk. Sjølve går de ikkje inn, og dei som vil gå inn, hindrar de.
- <sup>14</sup> {{Ve dykk, skriftlærde og farisearar, de hyklarar! De et enkjer ut av huset og held lange bøner for syns skuld. Difor skal de få så mykje hardare dom.}}
- <sup>15</sup> Ve dykk, skriftlærde og farisearar, de hyklarar! De dreg land og strand rundt for å vinna ein einaste proselytt, og når det har lukkast, gjer de han til ein som fortener helvete dobbelt så mykje som de sjølve.
- <sup>16</sup> Ve dykk, blinde rettleiarar, som seier: ‘Sver du ved tempelet, har det ikkje noko å seia; men sver du ved gullet i tempelet, er eiden bindande.’

- <sup>17</sup>Blinde dårar! Kva er størst, gullet eller tempelet som gjer gullet heilag?
- <sup>18</sup>Og like eins: 'Sver du ved altaret, har det ikkje noko å seia; men sver du ved offergåva som ligg på altaret, er eiden bindande.'<sup>19</sup> Kor blinde de er! Kva er størst, offergåva eller altaret som gjer gåva heilag?
- <sup>20</sup>Den som sver ved altaret, sver både ved det og ved alt som ligg på det.
- <sup>21</sup> Og den som sver ved tempelet, sver både ved det og ved han som bur i det.
- <sup>22</sup>Og den som sver ved himmelen, sver ved Guds kongsstol og ved han som sit på den.
- <sup>23</sup> Ve dykk, skriftlærde og farisearar, de hyklarar! De gjev tiend av mynte og anis og karve, men bryr dykk ikkje om det som veg meir i lova: rettferd, miskunn og truskap. Det eine skulle gjerast og det andre ikkje vera ugjort.
- <sup>24</sup> Blinde rettleiarar! De siler av myggen, men svelgjer kamelen.
- <sup>25</sup> Ve dykk, skriftlærde og farisearar, de hyklarar! De gjer skåler og fat reine utanpå, men inni er dei fulle av grisk og grådig lyst.
- <sup>26</sup>Blinde farisearar! Gjer først skåla rein inni, så blir ho rein utanpå òg!
- <sup>27</sup> Ve dykk, skriftlærde og farisearar, de hyklarar! De liknar kvitkalka graver. Utanpå er dei fine å sjå på, men inni er dei fulle av daudingbein og allslags ureinskap.
- <sup>28</sup> Slik er det med dykk òg: Utanpå, i andres auge, ser de rettferdige ut, men inni er de fulle av hykleri og urett.
- <sup>29</sup>Ve dykk, skriftlærde og farisearar, de hyklarar! De byggjer gravminne over profetane og pryder gravene til dei rettferdige og seier:
- <sup>30</sup> 'Hadde vi vore til då fedrane våre levde, då hadde vi ikkje gjort oss medskuldige i blodet til profetane.'
- <sup>31</sup> Slik vitnar de sjølve at de er born av dei som slo profetane i hel.
- <sup>32</sup>Hald fram som fedrane dykkar til målet er fullt.
- <sup>33</sup> Slangar og ormeyngel! Korleis kan de rømme unna dommen til helvete?



<sup>34</sup> Difor sender eg profetar og vismenn og skriftlærde til dykk. Somme av dei kjem de til å drepa og krossfesta, somme kjem de til å piska i synagogane dykkar og forfølgja frå by til by.

<sup>35</sup> Slik skal straffa koma over dykk for alt skuldlaust blod som har runne på jorda, frå den rettferdige Abels blod til blodet frå Sakarja, son til Barakia, han som de slo i hel mellom tempelet og altaret.

<sup>36</sup> Sanneleg, eg seier dykk: Over denne slekta skal det koma alt saman.

### **Klage over Jerusalem**

(Luk 13,34–35)

<sup>37</sup> Jerusalem, Jerusalem, du som slår i hel profetane og steinar dei som er sende til deg! Kor ofte ville eg ikkje samla borna dine som ei høne samlar kyllingane under vengene sine. Men de ville ikkje.

<sup>38</sup> Så høyr: Huset dykkar skal bli audt og forlate!

<sup>39</sup> For eg seier dykk: De får aldri sjå meg att før de seier: ‘Velsigna er han som kjem i Herrens namn!’»

## **Matteus 24**

### **Jesus talar om tidene som skal koma**

(Kap. 24–25)

#### **Tempelet skal øydeleggjast**

(Mark 13,1–2; Luk 21,5–6)

<sup>1</sup> Så gjekk Jesus bort frå tempelet. Då han var på veg ut, kom læresveinane til han og peika på tempelbygningane.

<sup>2</sup> Men han sa: «Ja, ser de alt dette? Sanneleg, eg seier dykk: Her skal ikkje liggja att stein på stein, alt skal rivast ned.»

#### **Trengselstida tek til**

(Mark 13,3–13; Luk 21,7–19)

<sup>3</sup> Då han sat på Oljeberget og læresveinane var åleine med han, kom dei til han og spurde: «Sei oss: Når skal dette henda? Og kva er teiknet på di atterkome og enden på verda?»

<sup>4</sup> Jesus tok til orde og sa: «Ta dykk i akt så ingen fører dykk vill!

<sup>5</sup>For mange skal koma i mitt namn og seia: ‘Eg er Messias.’ Og dei skal føra mange på villspor.

<sup>6</sup>De skal høyra om krig, og det skal gå rykte om krig. Sjå til at de ikkje lèt dykk skremma! For dette må henda, men enno er ikkje enden komen.

<sup>7</sup>Folk skal reisa seg mot folk og rike mot rike, og det skal vera hungersnaud og jordskjelv på stad etter stad.

<sup>8</sup>Men alt dette er berre byrjinga på fødselsriene.

<sup>9</sup>Då skal dei gje dykk over til forfølging og slå dykk i hel. Ja, alle folk skal hata dykk for mitt namn skuld.

<sup>10</sup> Mange skal då falla frå, og dei skal svika kvarandre og hata kvarandre.

<sup>11</sup>Mange falske profetar skal stiga fram og føra mange vill.

<sup>12</sup> Og fordi lovløysa har vorte så stor, skal kjærleiken kolna hos dei fleste.

<sup>13</sup> Men den som held ut til enden, skal bli frelst.

<sup>14</sup> Og dette evangeliet om riket skal forkynnast i heile verda til vitnemål for alle folkeslag, og så skal enden koma.

### **Den store trengsla**

(Mark 13,14–23; Luk 21,20–24)

<sup>15</sup> Når de då ser at det motbydelege som øydelegg, som profeten Daniel har tala om, står på heilag stad – lat den som les opp, tyda det!

<sup>16</sup>– då må dei som er i Judea, rømme til fjells;

<sup>17</sup> den som er på taket, må ikkje gå ned og henta noko i huset;

<sup>18</sup>og den som er ute på marka, må ikkje gå heim etter kappa si.

<sup>19</sup>Ve dei som ventar barn og dei som gjev bryst i dei dagane!

<sup>20</sup>Men be om at de må sleppa å rømme om vinteren eller på ein sabbat!

<sup>21</sup> For då skal det koma ei trengselstid så stor som det aldri har vore frå verda vart skapt og til no, og som det heller aldri skal bli.



<sup>22</sup>Og vart ikkje desse dagane avkorta, kom ikkje noko menneske til å bli frelst. Men for dei utvalde skuld skal desse dagane gjerast kortare.

### **Når Menneskesonen kjem**

(Mark 13,24–27; Luk 17,23–24; 21,25–28)

<sup>23</sup> Om nokon då seier til dykk: ‘Sjå, her er Messias’ eller: ‘Der er han’, så tru det ikkje!

<sup>24</sup> For falske messiasar og falske profetar skal stå fram og gjera store teikn og under, så endå dei utvalde kan førast vill, om det er råd.

<sup>25</sup> Merk dykk at eg har sagt det på førehand!

<sup>26</sup> Seier dei då til dykk: ‘Han er ute i øydemarka’, så gå ikkje dit, eller: ‘Han er i eit rom der inne’, så tru det ikkje.

<sup>27</sup> Som når lynet går ut frå aust og lyser like til vest, slik skal det vera når Menneskesonen kjem.

<sup>28</sup> Der åtselet er, vil gribbane samlast.

<sup>29</sup> Så snart denne trengselstida er over, skal sola formørkjast og månen mista sitt lys. Stjernene skal falla ned frå himmelen og kreftene i himmelrommet bli rokka.

<sup>30</sup> Då skal teiknet til Menneskesonen syna seg på himmelen, då skal alle folkeslag på jorda setja i med klagerop, og dei skal sjå Menneskesonen koma på himmelskyene med stor makt og herlegdom.

<sup>31</sup> Medan basunen ljomar, skal han senda ut englane sine, og dei skal samla dei han har valt seg ut, frå dei fire verdshjørna, frå den eine enden av himmelen til den andre.

### **Lær av fikentreet**

(Mark 13,28–32; Luk 21,29–33)

<sup>32</sup> Lær av ei samanlikning med fikentreet: Når det kjem sevje i greinene og lauvet sprett, då veit de at sommaren er nær.

<sup>33</sup> Like eins veit de at han er nær, ja, rett utfor døra, når de ser alt dette.

<sup>34</sup> Sanneleg, eg seier dykk: Denne slekta skal ikkje forgå før alt dette hender.

<sup>35</sup>Himmel og jord skal forgå, men mine ord skal aldri forgå.

<sup>36</sup> Men den dagen og timen kjenner ingen, ikkje englane i himmelen og heller ikkje Sonen, berre Faderen.

### Vak

(Luk 17,26–27.34–35; 12,39–46)

<sup>37</sup> Som i Noahs dagar, så skal det vera når Menneskesonen kjem.

<sup>38</sup>I tida før storflaumen åt og drakk dei, gifte seg og vart bortgifte, heilt til den dagen då Noah gjekk inn i arka,

<sup>39</sup> og ingen skjøna noko før flaumen kom og tok dei alle. Slik skal det òg vera når Menneskesonen kjem.

<sup>40</sup>Då skal to menn vera ute på marka; éin blir henta, éin blir att.

<sup>41</sup>To kvinner skal mala saman på kverna; éi blir henta, éi blir att.

<sup>42</sup> Så vak då! For de veit ikkje kva dag Herren dykkar kjem.

<sup>43</sup>Men det skal de vita: Dersom husherren visste kva tid på natta tjuven kom, så ville han vaka og ikkje la han bryta seg inn i huset.

<sup>44</sup>Difor skal de vera førebudde, de òg! For Menneskesonen kjem i ein time de ikkje ventar det.

<sup>45</sup>Kven er den trugne og kloke tenaren som herren har sett over tenestefolket sitt for å gje dei mat i rett tid?

<sup>46</sup>Lukkeleg er den tenaren som herren finn i arbeid med dette når han kjem tilbake!

<sup>47</sup> Sanneleg, eg seier dykk: Herren skal setja han over alt det han eig.

<sup>48</sup>Men set at det er ein dårleg tenar som seier til seg sjølv: ‘Herren min dryger nok lenge enno’,

<sup>49</sup>og så tek til å slå dei andre tenarane og eta og drikkar i lag med stordrikkarar.

<sup>50</sup>Då skal herren hans koma ein dag han ikkje ventar og ein time han ikkje veit av,

<sup>51</sup> og hogga han ned og la han få dela lagnad med hyklarane. Der skal dei gråta og skjera tenner.

## Matteus 25

### Likninga om dei ti brudejentene

<sup>1</sup> Då kan himmelriket liknast med ti brudejenter som tok oljelampene sine og gjekk ut for å møte brudgomen.

<sup>2</sup> Fem av dei var uforstandige, og fem var kloke.

<sup>3</sup> Då dei uforstandige tok lampene sine, tok dei ikkje olje med seg.

<sup>4</sup> Men dei kloke tok olje med seg i kanner saman med lampene sine.

<sup>5</sup> Då det drygde før brudgomen kom, vart dei alle trøytte og sovna.

<sup>6</sup> Men midt på natta høyrdest eit rop: 'Brudgomen kjem! Gå og møt han!' <sup>7</sup> Då vakna alle brudejentene og stelte lampene sine.

<sup>8</sup> Og dei uforstandige sa til dei kloke: 'Gjev oss litt olje. Lampene våre sloknar.'

<sup>9</sup> 'Nei', svara dei kloke, 'vi har ikkje nok både til oss og til dykk. Gå heller til dei som sel olje, og kjøp sjølve.'

<sup>10</sup> Medan dei var borte for å kjøpa, kom brudgomen. Dei som var ferdige, gjekk saman med han inn til bryllaupet, og døra vart stengd.

<sup>11</sup> Ei stund etter kom dei andre brudejentene og sa: 'Herre, herre, lat opp for oss!'

<sup>12</sup> Men han svara: 'Sanneleg, eg seier dykk: Eg kjenner dykk ikkje.'

<sup>13</sup> Så vak då, for de kjenner ikkje dagen eller timen.

### Likninga om talentane

(Luk 19,12–27)

<sup>14</sup> Det er som då ein mann skulle fara utanlands. Han kalla til seg tenarane sine og overlét dei det han eigde.

<sup>15</sup> Ein gav han fem talentar, ein annan to og den tredje éin talent – etter som kvar dugde til. Så drog han ut av landet.

**16**Han som hadde fått fem talentar, tok straks til å handla med dei og tente fem til.

**17**Han med to gjorde det same og tente to til.

**18**Men han som hadde fått ein talent, gjekk bort og grov eit hol i jorda og gøymde pengane frå herren sin.

**19**Då det hadde gått ei lang tid, kom herren heim att og ville halda rekneskap med tenarane sine.

**20**Han som hadde fått fem talentar, kom fram og hadde med seg fem til og sa: 'Herre, du gav meg fem talentar; sjå, eg har tent fem til.'

**21** Då sa herren til han: 'Bra, du gode og trugne tenar! Du har vore tru i lite, eg vil setja deg over mykje. Kom inn og gled deg i lag med herren din!'

**22**Så kom han med to talentar fram og sa: 'Herre, du gav meg to talentar; sjå, eg har tent to til.'

**23**'Bra, du gode og trugne tenar!' svara herren. 'Du har vore tru i lite, eg vil setja deg over mykje. Kom inn og gled deg i lag med herren din!'

**24**Han som hadde fått ein talent, kom òg fram og sa: 'Herre, eg visste at du er ein hard mann, som haustar der du ikkje sådde, og sankar der du ikkje strødde ut.

**25**Difor vart eg redd og gjekk bort og gøymde talenten din i jorda. Sjå her har du ditt.'

**26**Då sa herren til han: 'Du dårlege og late tenar! Du visste at eg haustar der eg ikkje sådde, og sankar der eg ikkje strødde ut.

**27**Då burde du ha gjeve pengane mine til dei som driv med utlån; så hadde eg fått dei att med renter når eg kom heim.

**28**Ta difor talenten frå han og gjev han til den som har ti!

**29** For den som har, han skal få, og det i overflod. Men den som ikkje har, skal bli fråteken jamvel det han har.

**30** Kast den duglause tenaren ut i mørkret utanfor, der dei græt og skjer tenner.’

### Dommen

**31** Men når Menneskesonen kjem i sin herlegdom og alle englane med han, då skal han sitja på trona i sin herlegdom.

**32** Alle folkeslag skal samlast framfor han, og han skal skilja dei frå kvarandre, som ein gjetar skil sauene frå geitene,

**33**og setja sauene på si høgre side og geitene på si venstre.

**34**Så skal kongen seia til dei på høgre sida: ‘Kom hit, de som er velsigna av Far min, og ta i arv det riket som er gjort i stand til dykk frå verda vart grunnlagd.

**35** For eg var svolten, og de gav meg mat; eg var tørst, og de gav meg drikke; eg var framand, og de tok imot meg;

**36** eg var naken, og de kledde meg; eg var sjuk, og de såg til meg; eg var i fengsel, og de vitja meg.’

**37**Då skal dei rettferdige svara: ‘Herre, når såg vi deg svolten og gav deg mat, eller tørst og gav deg drikke?

**38**Når såg vi deg framand og tok imot deg, eller naken og kledde deg?

**39**Og når såg vi deg sjuk eller i fengsel og vitja deg?’

**40** Men kongen skal svara dei: ‘Sanneleg, eg seier dykk: Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.’

**41** Så skal han seia til dei på venstre sida: ‘Gå bort frå meg, de som er forbanna, til den evige elden som er gjord i stand for djevelen og englane hans.

**42**For eg var svolten, men de gav meg ikkje mat; eg var tørst, men de gav meg ikkje drikke;

**43**eg var framand, men de tok ikkje imot meg; eg var naken, men de kledde meg ikkje; eg var sjuk og i fengsel, men de såg ikkje til meg.’



<sup>44</sup>Då skal dei svara: ‘Herre, når såg vi deg svolten eller tørst eller framand eller naken eller sjuk eller i fengsel utan å hjelpa deg?’<sup>45</sup>Men han skal svara dei: ‘Sanneleg, eg seier dykk: Alt de ikkje gjorde mot ein av desse minste, det har de heller ikkje gjort mot meg.’

<sup>46</sup> Så skal dei gå bort til evig straff, og dei rettferdige til evig liv.»

## Matteus 26

### Jesu liding og død

(Kap. 26–27)

#### Samansverjing mot Jesus

(Mark 14,1–2; Luk 22,1–2)

<sup>1</sup> Då Jesus var ferdig med heile denne talen, sa han til læresveinane:

<sup>2</sup> «De veit at om to dagar er det påske; då skal Menneskesonen overgjevast til krossfesting.»

<sup>3</sup> Overprestane og dei eldste i folket kom no saman i bustaden til øvstepresten, som heitte Kaifas,

<sup>4</sup> og vart samde om å gripa Jesus med list og slå han i hel.

<sup>5</sup> «Men ikkje under høgtida», sa dei, «for då kunne det bli uro i folket.»

#### Jesus blir salva i Betania

(Mark 14,3–9; Joh 12,1–8)

<sup>6</sup> Medan Jesus var i Betania, heime hos Simon den spedalske,

<sup>7</sup> kom det ei kvinne bort til han med ei alabastkrukke med dyr salve. Den helte ho ut over hovudet hans medan han låg til bords.

<sup>8</sup> Då læresveinane såg det, vart dei arge og sa: «Kva skal slik sløsing tena til?

<sup>9</sup> Denne salven kunne vore seld for mange pengar som kunne gjevast til dei fattige.»

<sup>10</sup> Men Jesus merka det og sa til dei: «Kvifor plagar de henne? Ho har gjort ei god gjerning mot meg.

<sup>11</sup> Dei fattige har de alltid hos dykk, men meg har de ikkje alltid.

<sup>12</sup> Då ho slo denne salven ut over kroppen min, salva ho meg til gravferda mi.



<sup>13</sup>Sanneleg, eg seier dykk: Overalt i verda der dette evangeliet blir forkynt, skal det ho gjorde, bli fortalt til minne om henne.»

### **Judas gjer avtale om å svika Jesus**

(Mark 14,10–11; Luk 22,3–6)

<sup>14</sup>Ein av dei tolv, han som heitte Judas Iskariot, gjekk då til overprestane

<sup>15</sup>og sa: «Kva vil de gje meg om eg gjev han over til dykk?» Dei talde opp tretti sølvpenngar til han.

<sup>16</sup>Og frå den stunda leita han etter eit lagleg høve til å svika Jesus.

### **Det siste måltidet**

(Mark 14,12–21; Luk 22,7–14.21–23)

<sup>17</sup>Den første dagen i høgtida med usyra brød kom læresveinane til Jesus og spurde: «Kvar vil du vi skal stella til påskemåltidet for deg?»

<sup>18</sup>Jesus svara: «Gå inn i byen, til den mannen de veit, og sei til han: 'Meisteren seier: Tida mi er nær; hos deg vil eg halda påskemåltid med læresveinane mine.'»

<sup>19</sup>Læresveinane gjorde som Jesus hadde sagt, og gjorde i stand påskemåltidet.

<sup>20</sup>Då det vart kveld, gjekk han til bords med dei tolv.

<sup>21</sup>Medan dei åt, sa han: «Sanneleg, eg seier dykk: Ein av dykk kjem til å svika meg.»

<sup>22</sup>Då vart dei svært sorgfulle, og ein etter ein spurde dei han: «Det er vel ikkje eg, Herre?»

<sup>23</sup>Jesus svara: «Den som har dyppa handa i fatet saman med meg, han kjem til å svika meg.

<sup>24</sup>For Menneskesonen går bort, slik det står skrive om han. Men ve det mennesket som svik Menneskesonen! Det hadde vore betre for det mennesket om det aldri var fødd.»

<sup>25</sup>Då spurde Judas, han som sveik han: «Det er vel ikkje eg, rabbi?» «Du har sagt det», svara Jesus.

### **Nattverden**

(Mark 14,22–25; Luk 22,15–20)

26 Medan dei heldt måltid, tok Jesus eit brød, takka og braut det, gav det til læresveinane og sa: «Ta imot og et! Dette er min kropp.»

27 Og han tok eit beger, takka, gav dei og sa: «Drikk alle av det!

28 Dette er mitt blod, paktblodet, som blir utrent for mange så syndene blir tilgjevne.

29 Eg seier dykk: Heretter skal eg ikkje drikka av denne frukta av vintreet før den dagen eg drikk henne ny saman med dykk i riket til Far min.»

### **Jesus seier at Peter kjem til å fornekta han**

(Mark 14,26–31; Luk 22,33–34)

30 Då dei hadde sunge lovsongen, gjekk dei ut til Oljeberget.

31 Då seier Jesus til dei: «I natt kjem de alle til å falla ifrå og venda dykk bort frå meg. For det står skrive: Eg skal slå gjetaren, og sauene skal spreia.

32 Men når eg har stått opp att, skal eg gå føre dykk til Galilea.»

33 Peter tok til orde og sa: «Om så alle vender seg bort frå deg, skal eg aldri gjera det.»

34 Jesus svara: «Sanneleg, eg seier deg: I natt, før hanen gjel, skal du fornekta meg tre gonger.»

35 Men Peter sa: «Om eg så må døy med deg, skal eg ikkje fornekta deg.» Det same sa alle dei andre læresveinane.

### **I Getsemane**

(Mark 14,32–42; Luk 22,39–46)

36 Så kom Jesus med læresveinane til ein stad som heiter Getsemane, og han sa til dei: «Sit her medan eg går dit bort og bed.»

37 Han tok med seg Peter og dei to Sebedeus-sønene, og han vart gripen av sorg og gru.

38 Då sa han til dei: «Mi sjel er sorgtyngd til døden. Ver her og vak med meg!»

39 Så gjekk han eit lite stykke fram, kasta seg ned med andletet mot jorda og bad: «Far, er det råd, så lat dette begeret gå meg forbi! Men ikkje som eg vil, berre som du vil.»

<sup>40</sup>Då han kom tilbake til læresveinane, fann han dei sovande, og han sa til Peter: «Så makta de ikkje å vaka med meg ein einaste time?

<sup>41</sup>Vak og be at de ikkje må koma i freisting! Ånda er villig, men kjøtet er veikt.»

<sup>42</sup>Så gjekk han bort att andre gongen og bad: «Far, om ikkje dette begeret kan gå forbi meg, og eg må tømme det, så lat viljen din råda.»

<sup>43</sup>Då han kom tilbake, såg han at dei hadde sovna til att, for auga deira var tunge av søvn.

<sup>44</sup>Då lét han dei vera og gjekk bort att og bad tredje gongen med dei same orda.

<sup>45</sup>Så kom han tilbake til læresveinane og sa: «Søv de framleis og kviler! Timen er komen då Menneskesonen skal gjevast over i syndarhender.

<sup>46</sup>Stå opp, lat oss gå! Svikaren er nær.»

#### **Jesus blir teken til fange**

(Mark 14,43–50; Luk 22,47–53; Joh 18,2–11)

<sup>47</sup>Før han hadde tala ut, kom Judas, ein av dei tolv, og med han ein stor flokk som var væpna med sverd og stokkar. Dei kom frå overprestane og dei eldste i folket.

<sup>48</sup>Svikaren hadde avtala eit teikn med dei: «Den eg kysser, han er det. Han skal de ta!»

<sup>49</sup>Og med det same gjekk han bort til Jesus og sa: «Ver helsa, rabbi!» og kyste han.

<sup>50</sup>Men Jesus sa til han: «Min ven, no har du gjort ditt!» Då kom dei andre til; dei la hand på Jesus og tok han til fange.

<sup>51</sup>Ein av dei som var med han, drog då sverdet, hogg etter tenaren til øvstepresten og sneidde øyret av han.

<sup>52</sup>Då sa Jesus til han: «Stikk sverdet ditt i slira! For alle som grip til sverd, skal falla for sverd.

**53** Trur du ikkje at eg kunne be Far min, og han ville straks senda meg meir enn tolv legionar englar?

**54** Men korleis kunne då skriftene bli oppfylte, dei som seier at dette må henda?»

**55** I same stunda sa Jesus til flokken som var komen: «De kjem med sverd og stokkar og vil gripa meg, som om eg var ein røvar. Dag etter dag sat eg på tempelplassen og underviste. Då tok de meg ikkje.

**56** Men alt dette har hendt for at profetskriftene skulle oppfyllest.» Då forlét alle læresveinane han og rømde.

### **Jesus for Det høge rådet**

(Mark 14,53–65; Luk 22,54–55.63–71; Joh 18,13–14.19–24)

**57** Dei som hadde teke Jesus til fange, førte han til øvstepresten Kaifas; der hadde dei skriftlærde og dei eldste samla seg.

**58** Peter følgde etter Jesus, eit langt stykke unna. Og då han kom til huset åt øvstepresten, gjekk han inn på gardsplassen og sette seg mellom vaktmennene for å sjå korleis det kom til å enda.

**59** Overprestane og heile Rådet freista å finna falske vitneutsegner mot Jesus så dei kunne få dømt han til døden.

**60** Men endå mange falske vitne stod fram, fekk dei ikkje noko på han. Til sist kom det to

**61** som sa: «Denne mannen har sagt: ‘Eg kan riva ned Guds tempel og byggja det opp att på tre dagar.’»

**62** Då reiste øvstepresten seg og sa til han: «Har du ikkje noko å seia til vitneutsegnene mot deg?»

**63** Men Jesus tagde. Då sa øvstepresten: «Eg tek deg i eid ved den levande Gud. Sei oss: Er du Messias, Guds Son?»

**64** Jesus svara: «Du seier det sjølv. Men det seier eg dykk: Frå no av skal de sjå Menneskesonen sitja ved høgre handa til Den mektige og koma på himmelskyene.»

<sup>65</sup> Då reiv øvstepresten sund kleda sine og sa: «Han har spotta Gud! Kva skal vi med fleire vitne? No hørde de gudsspottinga.

<sup>66</sup> Kva meiner de?» Dei svara: «Han er skuldig til å døy.»

<sup>67</sup> Så spytta dei han i andletet og slo han med knyttnevane. Nokre slo han i andletet

<sup>68</sup>og sa: «No kan du vera profet for oss, Messias. Kven var det som slo deg?»

### **Peter fornektar Jesus**

(Mark 14,66–72; Luk 22,56–62; Joh 18,15–18.25–27)

<sup>69</sup>Medan dette hende, sat Peter ute på gardsplassen. Då kom ei tenestejente bort til han og sa: «Du òg var saman med denne galilearen Jesus.»

<sup>70</sup>Men han nekta så alle hørde det, og sa: «Eg skjønar ikkje kva du snakkar om.»

<sup>71</sup>Så gjekk han ut i portrommet. Då fekk ei anna jente sjå han og sa til dei som var der: «Han der var saman med Jesus frå Nasaret.»

<sup>72</sup>Peter nekta på nytt og svor på det: «Eg kjenner ikkje den mannen!»

<sup>73</sup>Litt etter kom dei som stod der, bort til Peter og sa: «Jo visst er du ein av dei, du òg! Det kan ein høyra på målet ditt.»

<sup>74</sup> Då sette han i å banna og sverja: «Eg kjenner ikkje denne mannen.» Straks gol hanen.

<sup>75</sup>Då kom Peter i hug det Jesus hadde sagt til han: «Før hanen gjel, skal du forneкта meg tre gonger.» Og han gjekk ut og gret sårt.

## **Matteus 27**

### **Rådet sender Jesus til Pilatus**

(Mark 15,1; Luk 23,1)

<sup>1</sup>Då det vart morgon, tok dei eldste i folket og alle overprestane avgjerd om å få Jesus drepen.

<sup>2</sup> Dei batt han, førte han bort og gav han over til landshovdingen Pilatus.

### **Judas angrar og tek livet sitt**

(Apg 1,18–19)

<sup>3</sup> Då Judas, svikaren, såg at dei hadde dømt Jesus, angra han og gjekk tilbake til overprestane og dei eldste med dei tretti sølvpengane

<sup>4</sup> og sa: «Eg har synda. Eg sveik skuldlaust blod.» Men dei svara: «Kva kjem det oss ved? Det blir di sak.»

<sup>5</sup> Då kasta han pengane inn i tempelet og forlét staden. Og han gjekk bort og hengde seg.

<sup>6</sup> Men overprestane tok sølvpengane og sa: «Det er ikkje tillate å leggja dei i tempelkista; for det er blodpengar.»

<sup>7</sup> Så vart dei samde om å kjøpa Pottemakeråkeren for pengane og bruka han til gravstad for framande.

<sup>8</sup> Difor heiter han Blodåkeren den dag i dag.

<sup>9</sup> Då vart det oppfylt, det som er tala gjennom profeten Jeremia: Dei tok dei tretti sølvstykk, det som han var verdsett til, han som Israels born lét verdsetja,

<sup>10</sup> og gav dei for Pottemakeråkeren, slik Herren baud meg.

### **Jesus for Pilatus**

(Mark 15,2–15; Luk 23,1–5.13–25; Joh 18,33–40; 19,6–16)

<sup>11</sup> Så vart Jesus ført fram for landshovdingen. Og landshovdingen spurde han: «Er du kongen over jødane?» «Du seier det», svara Jesus.

<sup>12</sup> Men då overprestane og dei eldste kom med skuldingane sine mot han, svara han ikkje.

<sup>13</sup> Då sa Pilatus til han: «Høyrer du ikkje alle vitnemåla mot deg?»

<sup>14</sup> Men Jesus svara han ikkje på noko av dette, så landshovdingen undra seg mykje.

<sup>15</sup> Kvar høgtid var landshovdingen van med å gje ein fange fri, den som folket ville ha.

<sup>16</sup> Den gongen hadde dei ein velkjend fange som vart kalla {{Jesus}} Barabbas.

<sup>17</sup>Pilatus spurde no folket som hadde samla seg: «Kven vil de at eg skal gje dykk fri, {{Jesus}} Barabbas eller den Jesus som blir kalla Messias?»

<sup>18</sup>For han visste at det var av misunning dei hadde gjeve Jesus over til han.

<sup>19</sup>Medan Pilatus sat i dommarsetet, sende kona hans bod til han og sa: «Ha ikkje noko med denne rettferdige mannen å gjera. Eg har drøymt så vondt i natt for hans skuld.»

<sup>20</sup>Men overprestane og dei eldste overtala folket til å krevja Barabbas frigjeven og Jesus drepent.

<sup>21</sup> Landshovdingen tok igjen til orde: «Kven av dei to vil de at eg skal gje dykk fri?» Dei svara: «Barabbas!»

<sup>22</sup> «Kva skal eg då gjera med Jesus, han som blir kalla Messias?» spurde Pilatus. Då svara dei alle: «Krossfest han!»

<sup>23</sup>«Kva vondt har han så gjort?» spurde han. Men dei skreik berre endå høgare: «Krossfest han!»

<sup>24</sup> Då Pilatus såg at han ingen ting kunne gjera, men at ståket vart verre, tok han vatn, vaska hendene medan folket såg på, og sa: «Eg har inga skuld i blodet til denne mannen. Dette må de svara for.»

<sup>25</sup> Og alt folket svara: «Lat blodet hans koma over oss og borna våre.»

<sup>26</sup>Då gav han dei Barabbas fri, men lét Jesus piska og gav han over til krossfesting.

### **Soldatane spottar Jesus**

(Mark 15,16–20; Joh 19,2–3)

<sup>27</sup> Soldatane til landshovdingen tok no Jesus med seg inn i borga og samla heile vaktstyrken omkring han.

<sup>28</sup> Dei kledde av han og hengde på han ei skarlaksraud soldatkappe,

<sup>29</sup> fletta ei tornekrone og sette på hovudet hans og gav han ein kjepp i høgrehanda. Dei fall på kne for han, spotta han og sa: «Ver helsa, du konge over jødane!»

30 Så spytta dei på han og tok kjeppen og slo han i hovudet.

31 Då dei hadde hånt han, tok dei av han kapp og hadde på han hans egne klede.

### Jesus blir krossfest

(Mark 15,21–32; Luk 23,26–43; Joh 19,17–27)

Så førte dei Jesus bort for å krossfesta han.

32 På vegen møtte dei ein mann frå Kyréne som heitte Simon, og han vart tvinga til å bera krossen.

33 Då dei kom til ein stad som heiter Golgata – det tyder Hovudskallestaden –

34 gav dei Jesus vin blanda med galle. Men då han smaka på det, ville han ikkje drikka.

35 Så krossfeste dei han. Og dei kasta lodd om klede hans og delte dei mellom seg.

36 Sidan vart dei sitjande der og halda vakt over han.

37 Over hovudet hans hadde dei sett ei innskrift med skuldinga mot han: «Dette er Jesus, kongen over jødane.»

38 Saman med han vart to røvarar krossfeste, ein på høgre og ein på venstre sida.

39 Dei som gjekk forbi, spotta han, riste på hovudet og sa:

40 «Du som riv ned tempelet og byggjer det opp att på tre dagar! Er du Guds Son, så frels deg sjølv og stig ned frå krossen!»

41 Like eins spotta overprestane han saman med dei skriftlærde og dei eldste og sa:

42 «Andre har han frelst, seg sjølv kan han ikkje frelsa. Han er då Israels konge; lat han stiga ned av krossen, så skal vi tru på han!

43 Han har sett si lit til Gud; lat no Gud berga han, om han har han kjær. Han har då sagt: ‘Eg er Guds Son.’»





**44** Og røvarane som var krossfeste saman med Jesus, spotta han på same måten.

### **Jesus dør**

(Mark 15,33–41; Luk 23,44–49; Joh 19,28–30)

**45** Frå den sjette timen vart det mørkt over heile landet, og mørkret låg til den niande timen.

**46** Og kring den niande timen ropa Jesus med høg røyst: «Elí, Elí, lemá sabaktáni?» Det tyder: «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?»

**47** Nokre av dei som stod der, hørde det og sa: «Han ropar på Elia.»

**48** Og med det same sprang ein av dei fram, tok ein svamp og fylte med vineddik, sette han på ei stong og ville la han få drikka.

**49** Men dei andre sa: «Lat oss sjå om Elia kjem og bergar han.»

**50** Men Jesus ropa på nytt med høg røyst og gav opp anden.

**51** Då rivna forhenget i tempelet i to, ovanfrå og heilt ned. Jorda skalv, og berga brast.

**52** Gravene opna seg, og kroppane til mange heilage som var avlidne, vart reiste opp frå dei døde.

**53** Etter Jesu oppstode gjekk dei ut av gravene og kom inn i den heilage byen, og der synte dei seg for mange.

**54** Men då offiseren og dei som var med han og heldt vakt over Jesus, såg jordskjelvet og det som hende, vart dei gripne av stor redsle og sa: «Sanneleg, han var Guds Son!»

**55** Det var òg mange kvinner der som stod langt unna og såg på. Dei hadde følgt Jesus frå Galilea for å tena han.

**56** Mellom dei var Maria Magdalena, Maria som var mor til Jakob og Josef, og mor til Sebedeus-sønene.

### **Jesus blir gravlagd**

(Mark 15,42–47; Luk 23,50–56; Joh 19,38–42)

<sup>57</sup>Då det vart kveld, kom det ein rik mann som heitte Josef. Han var frå Arimatea og hadde òg vorte ein Jesu læresvein.

<sup>58</sup>Han gjekk til Pilatus og bad om å få Jesu kropp, og Pilatus gav ordre om at han skulle få han.

<sup>59</sup>Josef tok Jesu kropp, sveipte han i eit reint linklede

<sup>60</sup> og la han i den nye grava han hadde hogge ut til seg sjølv i bergveggen. Så rulla han ein stor stein framfor gravopninga og gjekk.

<sup>61</sup> Men Maria Magdalena og den andre Maria var der. Dei sat beint framfor grava.

### Vakt ved grava

<sup>62</sup> Neste dag, dagen etter førebuingdagen, gjekk overprestane og farisearane saman til Pilatus

<sup>63</sup> og sa: «Herre, vi har kome til å tenkja på det som denne forføraren sa medan han levde: 'Etter tre dagar blir eg reist opp.'

<sup>64</sup>Gjev no påbod om å sikra grava til tredje dagen. Elles kunne læresveinane hans koma og stela han og seia til folket at han har stått opp frå dei døde. Då blir den siste villfaringa verre enn den første.»

<sup>65</sup>Pilatus svara: «Her har de vaktmannskap. Gå bort og sikra grava som de finn det best.»

<sup>66</sup>Då gjekk dei og sikra grava, både med vakt og med segl på steinen.

## Matteus 28

### Jesus står opp

(Mark 16,1–10; Luk 24,1–12; Joh 20,1–10)

<sup>1</sup>Då sabbaten var til ende og det tok til å lysna første dagen i veka, kom Maria Magdalena og den andre Maria for å sjå til grava.

<sup>2</sup>Då kom det brått eit kraftig jordskjelv, for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava, rulla steinen ifrå og sette seg på han.

<sup>3</sup>Han var som eit lyn å sjå til, og kleda hans var kvite som snø.

- <sup>4</sup>Vaktmennene skalv av redsle for han og vart liggjande som døde.
- <sup>5</sup>Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste.
- <sup>6</sup>Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg!
- <sup>7</sup>Skund dykk av stad og sei til læresveinane hans: ‘Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han.’ – No har eg sagt det til dykk.»
- <sup>8</sup>Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublande glade; og dei sprang av stad for å fortelja det til læresveinane.
- <sup>9</sup>Og sjå, Jesus kom imot dei og sa: «Ver helsa!» Då gjekk dei fram, tok om føtene hans og tilbad han.
- <sup>10</sup> Og Jesus sa til dei: «Ver ikkje redde! Gå og sei til brørne mine at dei skal fara til Galilea. Der skal dei få sjå meg.»

#### **Eit rykte mellom jødane**

- <sup>11</sup>Medan kvinnene var på vegen, kom nokre av vaktmennene inn til byen og fortalde overprestane alt det som hadde hendt.
- <sup>12</sup>Overprestane og dei eldste kom då saman og la planar. Så gav dei soldatane mykje pengar
- <sup>13</sup> og sa til dei: «Sei at læresveinane hans kom om natta og stal han medan de sov.
- <sup>14</sup>Og skulle landshovdingen få høyra om det, skal vi snakka med han, så de kan vera trygge.»
- <sup>15</sup>Dei tok imot pengane og gjorde slik som det var sagt dei. Slik vart dette ryktet spreidd mellom jødane, og det har halde seg til denne dag.

#### **Misjonsbodet**

(Mark 16,15–16; Luk 24,47–48; Joh 20,21–23)

- <sup>16</sup> Men dei elleve læresveinane drog til Galilea, til det fjellet der Jesus hadde sagt han ville møte dei.

**17** Og då dei fekk sjå han, fall dei ned og tilbad han; men somme tvila.

**18** Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda.

**19** Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande

**20** og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

## Markus

### Markus 1

#### Døyparen Johannes står fram

(Matt 3,1–12; Luk 3,1–18; Joh 1,19–28)

- <sup>1</sup> Her byrjar evangeliet om Jesus Kristus, Guds Son.
- <sup>2</sup> Hos profeten Jesaja står det skrive: Sjå, eg sender min bodberar føre deg, han skal rydda vegen for deg.
- <sup>3</sup> Ei røyst ropar i øydemarka: Rydd Herrens veg, gjer stigane hans rette!
- <sup>4</sup> Slik stod døyparen Johannes fram i øydemarka. Han forkynte ein omvendingsdåp som gav tilgjeving for syndene.
- <sup>5</sup> Frå heile Judea og Jerusalem drog alle ut til han. Dei sanna syndene sine og vart døypte av han i Jordanelva.
- <sup>6</sup> Johannes gjekk i ei kappe av kamelhår og hadde eit lærbelte om livet, og han levde av grashopper og villhonning.
- <sup>7</sup> Han forkynte: «Det kjem ein etter meg som er sterkare enn eg, og eg er ikkje verdig til å bøya meg ned og løysa sandalreima hans.
- <sup>8</sup> Eg har døypt dykk med vatn, men han skal døypa dykk med Den heilage ande.»

#### Jesu dåp og freisting

(Matt 3,13–4,11; Luk 3,21–22; 4,1–13; Joh 1,32–34)

- <sup>9</sup> På den tida kom Jesus frå Nasaret i Galilea og vart døypt av Johannes i Jordan.
- <sup>10</sup> Straks han steig opp av vatnet, såg han himmelen dela seg, og han såg Anden dala ned over seg som ei due.
- <sup>11</sup> Og det kom ei røyst frå himmelen: «Du er Son min, som eg elsker, i deg har eg mi glede.»
- <sup>12</sup> Straks etter dreiv Anden han ut i øydemarka,

**13** og der var han i førti dagar og vart freista av Satan. Han heldt til mellom dei ville dyra, og englane tente han.

### **Jesus tek til med si gjerning**

(Matt 4,12–17; Luk 4,14–15)

**14** Då Johannes var sett i fengsel, kom Jesus til Galilea og forkynte Guds evangelium

**15** og sa: «Tida er inne, og Guds rike er kome nær. Vend om og tru på evangeliet!»

### **Dei første læresveinane**

(Matt 4,18–22; Luk 5,1–11)

**16** Ein gong han gjekk langsmed Galileasjøen, fekk han sjå Simon og Andreas, bror til Simon. Dei heldt på å kasta not i sjøen, for dei var fiskarar.

**17** Jesus sa til dei: «Kom og følg meg, så skal eg gjera dykk til menneskefiskarar!»

**18** Då gjekk dei beint frå garna sine og følgde han.

**19** Då Jesus kom litt lenger fram, fekk han sjå Jakob, son til Sebedeus, og Johannes, bror hans. Dei sat i båten og bøtte garna.

**20** Då kalla han dei, og dei lét far sin, Sebedeus, bli att i båten saman med arbeidskarane og følgde Jesus.

### **Ein dag i Kapernaum**

(Matt 8,14–17; Luk 4,31–41)

**21** Så kom dei til Kapernaum, og då det vart sabbat, gjekk han inn i synagogen og underviste.

**22** Alle var fulle av undring over læra hans, for han lærte dei med myndig tale og ikkje som dei skriftlærde.

**23** No var det i synagogen deira ein mann med ei urein ånd. Han sette i å ropa:

**24** «Kva vil du oss, Jesus frå Nasaret? Er du komen for å øydeleggja oss? Eg veit kven du er: Guds Heilage!»

**25** Men Jesus truga ånda og sa: «Tei still og far ut av han!»

**26** Og ånda reiv og sleit i mannen, skreik høgt og fór ut av han.

**27** Då vart alle gripne av otte og undring; dei snakka i munnen på kvarandre og sa: «Kva er dette? Ei ny, mektig lære! Han byd til og med dei ureine åndene, og dei lyder han.»

**28** Og ordet om han fór snart over heile Galilea-området.

**29** Frå synagogen gjekk dei heim til Simon og Andreas saman med Jakob og Johannes.

**30** Svigermor til Simon låg sjuk og hadde feber, og dei fortalde det straks til Jesus.

**31** Han gjekk bort til henne, tok henne i handa og reiste henne opp. Då sleppte feberen henne, og ho stelte for dei.

**32** Då det vart kveld og sola gjekk ned, kom dei til han med alle som var sjuke eller hadde vonde ånder.

**33** Heile byen var samla utanfor døra.

**34** Han lækte mange som leid av ulike sjukdomar, og dreiv ut mange vonde ånder. Men han lét ikkje dei vonde åndene få tala, for dei visste kven han var.

### **Jesus bed og forkynner**

(Luk 4,42–44)

**35** Morgonen etter, medan det endå var mørkt, stod Jesus opp, gjekk ut og drog til ein aud stad. Der bad han.

**36** Simon og dei som var med han, skunda seg etter,

**37** og då dei fann han, sa dei: «Alle leitar etter deg!»

**38** Men han svara: «Lat oss fara vidare til småbyane her omkring, så eg kan forkynna der òg. Det er difor eg er komen.»

**39** Så drog han omkring i heile Galilea, forkynte i synagogane deira og dreiv ut dei vonde åndene.

### **Den spedalske mannen**

(Matt 8,2–4; Luk 5,12–16)

<sup>40</sup> Ein mann som var spedalsk, kom til han, fall på kne og bad: «Dersom du vil, kan du gjera meg rein.»

<sup>41</sup> Jesus fekk inderleg medkjensle med han, rette ut handa og rørte ved han. «Eg vil», sa han. «Bli rein!»

<sup>42</sup> Med det same var sjukdomen borte, og mannen vart rein.

<sup>43</sup> Jesus tala strengt til han og sende han straks bort.

<sup>44</sup> «Sjå til at du ikkje seier eit ord til nokon om dette», sa han. «Men gå og vis deg for presten og ber fram dei offer for reinsinga di som Moses har gjeve påbod om. Det skal vera eit vitnemål for dei.»

<sup>45</sup> Men mannen gjekk av stad og gav seg til å fortelja om det som hadde hendt; han gjorde det kjent vidt og breitt. Difor kunne ikkje Jesus visa seg i nokon by lenger. Han heldt seg utanfor byane, på aude stader. Men folk kom til han frå alle kantar.

## Markus 2

### Den lamme mannen

(Matt 9,1–8; Luk 5,17–26)

<sup>1</sup> Nokre dagar seinare kom Jesus til Kapernaum att, og det vart kjent at han var heime.

<sup>2</sup> Det samla seg så mange at dei ikkje fekk rom, ikkje framfor døra eingong. Og han forkynte Ordet for dei.

<sup>3</sup> Då kom dei til han med ein som var lam. Det var fire mann som bar han.

<sup>4</sup> Men sidan dei ikkje kunne koma fram til han for alt folket, braut dei opp taket over den staden der Jesus var, laga ei opning og firte ned båra som den lamme låg på.

<sup>5</sup> Då Jesus såg trua deira, sa han til den lamme: «Son, syndene dine er tilgjevne.»

<sup>6</sup> No sat det nokre skriftlærde der. Dei tenkte i hjartet:



<sup>7</sup> «Korleis kan han seia noko slikt? Han spottar Gud! Kven andre kan tilgje synder enn éin – det er Gud?»

<sup>8</sup> Straks visste Jesus i ånda at dei tenkte slik, og han sa til dei: «Kvifor går de med slike tankar i hjartet?

<sup>9</sup> Kva er lettast å seia til den lamme: ‘Syndene dine er tilgjevne’ eller: ‘Stå opp, ta båra di og gå’?

<sup>10</sup> Men for at de skal vita at Menneskesonen har makt på jorda til å tilgje synder» – og no talar han til den lamme –

<sup>11</sup> «så seier eg deg: Stå opp, ta båra di og gå heim!»

<sup>12</sup> Då reiste mannen seg, tok straks båra si og gjekk ut framfor dei alle, så dei vart reint frå seg av undring. Dei lova Gud og sa: «Noko slikt har vi aldri sett.»

### **Jesus kallar Levi**

(Matt 9,9–13; Luk 5,27–32)

<sup>13</sup> Jesus gjekk ut langsmed sjøen att. Der kom det mykje folk til han, og han underviste dei.

<sup>14</sup> Då han gjekk vidare, fekk han sjå Levi, son til Alfeus, som sat på tollbua. Jesus sa til han: «Følg meg!» Då reiste han seg og følgde han.

<sup>15</sup> Sidan var Jesus gjest i huset hans, og mange tollarar og syndarar var til bords saman med Jesus og læresveinane hans, for det var mange som følgde han.

<sup>16</sup> Då dei skriftlærde mellom farisearane såg at han åt saman med syndarar og tollarar, sa dei til læresveinane: «Et han saman med tollarar og syndarar?»

<sup>17</sup> Jesus hørde det og sa til dei: «Det er ikkje dei friske som treng lege, men dei som har vondt. Eg er ikkje komen for å kalla rettferdige, men syndarar.»

### **Fest og faste**

(Matt 9,14–17; Luk 5,33–39)

**18** Farisearane og læresveinane til Johannes heldt faste. Folk kom og spurde Jesus: «Kvifor fastar ikkje dine læresveinar når læresveinane til Johannes og læresveinane til farisearane gjer det?»

**19**«Kan vel bryllaupsgjestene fasta medan brudgomen er hos dei?» svara Jesus. «Så lenge dei har brudgomen hos seg, kan dei ikkje fasta.

**20**Men det skal koma ei tid då brudgomen blir teken frå dei, og når den dagen kjem, då skal dei fasta.

**21**Ingen syr ein lapp av ukrympa tøy på eit gammalt klesplagg. For då riv den nye bota med seg eit stykke av det gamle plagget, og rifta blir verre.

**22** Og ingen fyller ny vin i gamle skinnsekker. For då sprengjer vinen sekkene, vinen renn ut, og sekkene blir øydelagde. Nei, ny vin i nye skinnsekker!»

### **Jesus og sabbaten**

(Matt 12,1–14; Luk 6,1–11)

**23** Ein gong Jesus gjekk langsmed kornåkrane på sabbaten, tok læresveinane hans til å riva av aks medan dei gjekk.

**24** Då sa farisearane til han: «Sjå, kvifor gjer dei slikt som ingen har lov til på sabbaten?»

**25** Han svara: «Har de aldri lese kva David gjorde då han var i naud og både han og mennene hans svalt?

**26** Han gjekk inn i Guds hus den tid Abjatar var øvsteprest, og åt skodebrøda, dei som berre prestane har lov til å eta. Han gav òg til dei som var med han.»

**27** Og Jesus sa til dei: «Sabbaten vart til for mennesket og ikkje mennesket for sabbaten.

**28**Difor er Menneskesonen herre over sabbaten òg.»

### **Markus 3**

**1**Han gjekk inn i synagogen att. Der var det ein mann som hadde ei visna hand.

<sup>2</sup>Og dei heldt auge med Jesus om han ville lækja mannen på sabbaten, så dei kunne få noko å klaga han for.

<sup>3</sup>Men han sa til mannen med den visne handa: «Reis deg og kom fram!»

<sup>4</sup>Så spurde han dei andre: «Kva har ein lov til på sabbaten? Å gjera godt eller gjera vondt, berga liv eller drepa?» Men dei svara ikkje.

<sup>5</sup>Då såg han på dei som stod omkring, harm og sorgfull fordi dei hadde så harde hjarte. Og han sa til mannen: «Rett fram handa!» Mannen så gjorde, og handa hans vart god att.

<sup>6</sup>Men farisearane gjekk ut, og saman med herodianarane tok dei straks til å leggja planar mot Jesus for å ta livet av han.

### **Folket flokkar seg kring Jesus**

(Matt 4,23–25; Luk 6,17–19)

<sup>7</sup>Så drog Jesus med læresveinane sine ned til sjøen, og ein stor folkehop frå Galilea følgde han. Og frå Judea

<sup>8</sup>og Jerusalem, frå Idumea og landet bortanfor Jordan og frå bygdene kring Tyros og Sidon kom dei til han i store flokkar, for dei hadde høyrte om alt han gjorde.

<sup>9</sup>Då sa han til læresveinane at dei skulle halda ein båt klar for han, om folket skulle trengja for hardt innpå han.

<sup>10</sup>For han lækte mange, så alle som hadde plager, trengde seg fram for å røra ved han.

<sup>11</sup>Og når dei ureine åndene såg han, kasta dei seg ned for han og ropa: «Du er Guds Son!»

<sup>12</sup>Men han truga dei og forbaud dei strengt å gjera kjent kven han var.

### **Jesus kallar dei tolv apostlane**

(Matt 10,1–4; Luk 6,12–16)

<sup>13</sup>Så gjekk Jesus opp i fjellet. Han kalla til seg dei han ville, og dei kom til han.

<sup>14</sup> Han peika ut tolv, {{som han òg kalla apostlar,}} for at dei skulle vera med han, og for at han kunne senda dei ut for å forkynna

<sup>15</sup>og ha makt til å driva ut vonde ånder.

<sup>16</sup> {{Han peika ut dei tolv:}} Det var Simon, som han kalla Peter,

<sup>17</sup>Jakob, son til Sebedeus, og Johannes, bror hans – desse to kalla han Boanerges, det tyder toresøner –

<sup>18</sup> og Andreas, Filip og Bartolomeus, Matteus, Tomas og Jakob, son til Alfeus, Taddeus, Simon Kananeos

<sup>19</sup> og Judas Iskariot, han som sveik han.

### **Jesu makt over vonde ånder**

(Matt 12,22–32; Luk 11,14–23)

<sup>20</sup> Med det same han kom heim, strøymde folk på nytt saman, så Jesus og læresveinane ikkje eingong fekk tid til å eta.

<sup>21</sup>Då hans egne fekk høyra det, fór dei av stad for å ta hand om han. «Han må vera reint ifrå seg», sa dei.

<sup>22</sup> Men dei skriftlærde som var komne frå Jerusalem, sa: «Beelsebul har fare i han! Det er ved hjelp av herskaren over dei vonde åndene at han driv dei vonde åndene ut.»

<sup>23</sup> Då kalla han dei til seg og tala til dei i likningar: «Korleis kan Satan driva ut Satan?

<sup>24</sup>Kjem eit rike i strid med seg sjølv, kan det riket ikkje bli ståande,

<sup>25</sup>og kjem eit hus i strid med seg sjølv, kan det huset ikkje bli ståande.

<sup>26</sup>Har no Satan sett seg opp mot seg sjølv og er komen i strid med seg sjølv, kan han ikkje stå seg. Det er ute med han.

<sup>27</sup> Men ingen kan gå inn i huset til den sterke og røva det han eig, om han ikkje først har bunde den sterke. Då kan han plyndra huset hans.

<sup>28</sup> Sanneleg, eg seier dykk: Alt skal menneska få tilgjeving for, både synder og spott, kor mykje dei enn spottar.

<sup>29</sup> Men den som spottar Den heilage ande, får i all æve ikkje tilgjeving, men er skuldig i evig synd.»

<sup>30</sup> Dette sa han fordi dei hadde sagt: «Han har ei urein ånd i seg.»

### **Jesu sanne familie**

(Matt 12,46–50; Luk 8,19–21)

<sup>31</sup> Då kom Jesu mor og syskena hans. Dei vart ståande utanfor, men sende bod inn og bad han koma ut.

<sup>32</sup> Det sat ein stor flokk omkring han, og dei sa til han: «Mor di og brørne dine {{og systrene dine}} står utanfor og spør etter deg.»

<sup>33</sup> Jesus svara: «Kven er mor mi og syskena mine?»

<sup>34</sup> Og han såg på dei som sat omkring han, og sa: «Sjå, her er mor mi og syskena mine!

<sup>35</sup> Den som gjer Guds vilje, er bror min, syster mi og mor mi.»

## **Markus 4**

### **Jesus talar i likningar**

(4, 1–34)

#### **Såmannen**

(Matt 13,1–23; Luk 8,4–15)

<sup>1</sup> Jesus tok igjen til å undervisa folket nede ved sjøen. Då samla det seg så mykje folk omkring han at han gjekk ut i ein båt og sat i den utpå sjøen, medan heile folkemengda stod inne på stranda.

<sup>2</sup> Han underviste dei om mange ting og la fram læra si i likningar.

<sup>3</sup> «Høyr!» sa han. «Ein såmann gjekk ut for å så.

<sup>4</sup> Og då han sådde, fall noko attmed vegen, og fuglane kom og åt det opp.

<sup>5</sup> Noko fall på steingrunn, der det var lite jord, og det skaut opp straks fordi det var så grunt.

<sup>6</sup> Men då sola steig, sveid det av og visna, for det hadde ikkje rot.

<sup>7</sup> Noko fall mellom klunger, og klungeren voks opp og kvelte det, så det ikkje gav grøde.

<sup>8</sup>Men noko fall i god jord. Det skaut opp, voks og gav grøde: tretti, seksti, ja, hundre gonger det som var sådd.»

<sup>9</sup>Og han sa: «Den som har øyre å høyra med, høyr!»

<sup>10</sup>Då han vart åleine med dei tolv og dei andre som var med han, spurde dei han om likningane.

<sup>11</sup>Han svara: «Til dykk er løyndomen om Guds rike gjeven. Men til dei som er utanfor, blir alt gjeve i likningar,

<sup>12</sup>for at dei skal sjå og sjå, men ikkje skilja, høyra og høyra, men ikkje forstå, så dei ikkje vender om og får tilgjeving.»

<sup>13</sup>Og han sa til dei: «Når de ikkje skjønar denne likninga, korleis kan de då i det heile skjønna likningar?

<sup>14</sup>Såmannen sår ordet.

<sup>15</sup>Dei attmed vegen, det er dei som ordet blir sådd i, men når dei har høyr det, kjem Satan straks og tek bort ordet som var sådd i dei.

<sup>16</sup>Like eins dei som var sådde på steingrunn. Det er dei som tek imot ordet med glede så snart dei får høyra det.

<sup>17</sup>Men dei har inga rot og held ut berre ei stund. Når dei møter motgang eller forfølging for ordet skuld, fell dei straks ifrå.

<sup>18</sup>Andre var sådde mellom klunger. Det er dei som høyrer ordet,

<sup>19</sup>men uroa for dette livet og den svikefulle rikdomen og lysta på alle andre ting kjem inn og kveler ordet, så det ikkje gjev grøde.

<sup>20</sup>Men dei som var sådde i den gode jorda, det er dei som høyrer ordet og tek imot det og gjev grøde: tretti, seksti, ja, hundre gonger det som var sådd.»

### **Oljelampa**

(Luk 8,16–18)

<sup>21</sup>Sidan sa han til dei: «Når dei kjem inn med ei oljelampe, set dei henne då under eit kar eller under senga? Set dei ikkje lampen på ein haldar?

<sup>22</sup> For ingenting er løynt utan at det skal bli synleg, og ingenting er gøymt utan at det skal koma for dagen.

<sup>23</sup> Om nokon har øyre å høyra med, så høyr!»

<sup>24</sup> Og han sa til dei: «Akta vel på det de høyrer! I det same målet de sjølve måler med, skal det målast opp til dykk, og endå meir skal de få.

<sup>25</sup> For den som har, skal få; men den som ikkje har, skal mista jamvel det han har.»

### **Såkornet**

<sup>26</sup> Han sa: «Med Guds rike er det slik: Det er som når ein mann har sådd kornet i jorda.

<sup>27</sup> Han søv og står opp, det blir natt og det blir dag, og kornet gror og veks; han veit ikkje korleis det går til.

<sup>28</sup> Av seg sjølv ber jorda grøde, først strå, så aks, så fulle korn i akset.

<sup>29</sup> Så snart grøda er mogen, svingar han sigden, for hausten er komen.»

### **Sennepsfrøet**

(Matt 13,31–32; Luk 13,18–19)

<sup>30</sup> Og han sa: «Kva skal vi samanlikna Guds rike med? Kva likning skal vi bruka?

<sup>31</sup> Det er som sennepsfrøet. Når det blir sådd, er det mindre enn noko anna frø på jorda.

<sup>32</sup> Men når det er sådd, skyt det opp og blir større enn alle hagevokstrar og får så store greiner at fuglane under himmelen kan byggja reir i skuggen av det.»

<sup>33</sup> Med mange slike likningar tala han ordet til dei, så mykje dei var i stand til å høyra.

<sup>34</sup> Utan likningar tala han ikkje til folket. Men når han var åleine med læresveinane sine, forklara han alt for dei.

### **Jesus stiller stormen**

(Matt 8,23–27; Luk 8,22–25)

<sup>35</sup> Då det leid til kvelds same dagen, sa han til dei: «Lat oss fara over til andre sida av sjøen.»

<sup>36</sup> Dei lét folkemengda bli att og tok han med seg i båten der han sat. Andre båtar følgde òg med.

<sup>37</sup> Då kom det ein hard kvervelstorm, og bølgiene slo inn i båten så han heldt på å gå full.

<sup>38</sup> Jesus låg i bakskuten og sov på ei pute. Dei vekte han og sa: «Meister, bryr du deg ikkje om at vi går under?»

<sup>39</sup> Då reiste han seg, truga vinden og sa til sjøen: «Tei og ver still!» Då gav vinden seg, og det vart blikande stilt.

<sup>40</sup> Og han sa til dei: «Kvifor er de så redde? Trur de enno ikkje?»

<sup>41</sup> Men då vart dei endå reddare og sa seg imellom: «Kven er dette? Både vind og sjø lyder han!»

## Markus 5

### Mannen frå gravhølene

(Matt 8,28–34; Luk 8,26–39)

<sup>1</sup> Så kom dei over til andre sida av sjøen, til Gerasenar-landet.

<sup>2</sup> Då Jesus steig ut av båten, kom det straks ein mann imot han frå gravhølene. Han hadde ei urein ånd i seg

<sup>3</sup> og heldt til der i gravene. Ingen greidde å binda han lenger, ikkje eingong med lenkjer.

<sup>4</sup> For han hadde ofte vore bunden, både med fotjern og lenkjer, men han hadde rive lenkjene av seg og sprengt fotjerna, og det var ingen som rådde med han.

<sup>5</sup> Natt og dag var han i gravhølene og i fjella og skreik og skamslo seg sjølv med steinar.

<sup>6</sup> Då han no fekk sjå Jesus langt borte, kom han springande, kasta seg ned for han



<sup>7</sup> og ropa høgt: «Kva vil du meg, Jesus, du Son av Gud, Den høgste? Eg byd deg ved Gud: Pin meg ikkje!»

<sup>8</sup>For Jesus hadde sagt til han: «Far ut av mannen, du ureine ånd!»

<sup>9</sup>No spurde Jesus han: «Kva er namnet ditt?» «Legion er namnet mitt», svara han, «for vi er mange.»

<sup>10</sup>Og han naudbad Jesus at han ikkje måtte driva dei ut av området.

<sup>11</sup>Det gjekk ein stor griseflokk og beitte der attmed fjellet,

<sup>12</sup>og dei ureine åndene bad han: «Send oss bort til grisene, så vi kan fara inn i dei!»

<sup>13</sup>Det lét han dei gjera. Då fór dei ureine åndene ut av mannen og inn i grisene, og flokken, om lag to tusen dyr, sette utfor stupet og ned i sjøen, og der drukna dei.

<sup>14</sup>Dei som gjette grisene, sprang av stad og fortalde om det i byen og grendene omkring. Og folk drog ut og ville sjå kva som hadde hendt.

<sup>15</sup>Då dei kom fram til Jesus, fekk dei sjå han som hadde hatt alle dei vonde åndene i seg, sitja der påkledd og med sitt fulle vit. Då vart dei redde.

<sup>16</sup>Dei som hadde sett på, fortalde korleis det hadde bore til med han som hadde hatt dei vonde åndene, og med grisene.

<sup>17</sup>Då bad dei Jesus dra bort frå området deira.

<sup>18</sup>Jesus gjekk i båten, og han som hadde hatt dei vonde åndene, bad om å få vera med han.

<sup>19</sup>Men Jesus gav han ikkje lov til det. Han sa: «Gå heim til dine og fortel kor store ting Herren har gjort for deg, og kor god han har vore mot deg.»

<sup>20</sup>Så gjekk han av stad og tok til å fortelja rundt omkring i Dekapolis om alt det Jesus hadde gjort for han. Og alle undra seg.

### **Dotter til Jairus og kvinna som tok i Jesu kappe**

(Matt 9,18–26; Luk 8,40–56)

- <sup>21</sup>Då Jesus var komen over til andre sida att med båten, samla mykje folk seg om han. Medan han var nede ved sjøen,
- <sup>22</sup>kom ein av synagogeforstandarane; han heitte Jairus. Då han fekk sjå Jesus, kasta han seg ned for føtene hans
- <sup>23</sup> og bad han inderleg: «Dotter mi held på å døy. Kom og legg hendene på henne så ho kan bli frisk og få leva.»
- <sup>24</sup>Jesus gjekk med han, og ein stor folkehop følgde etter og trengde seg innpå han.
- <sup>25</sup> Det var ei kvinne der som hadde hatt blødingar i tolv år.
- <sup>26</sup>Ho hadde lide mykje hos mange legar, og ho hadde brukt alt ho eigde, utan å få hjelp; det hadde heller vorte verre med henne.
- <sup>27</sup> Ho hadde fått høyra om Jesus, og no kom ho bakanfrå i folkemengda og rørte ved kappa hans.
- <sup>28</sup>For ho tenkte: «Om eg så berre får ta i kleda hans, blir eg frisk.»
- <sup>29</sup>Då stansa blodet med ein gong, og ho kjende det på seg at ho var lækt og kvitt plaga.
- <sup>30</sup> Med det same kjende Jesus at det gjekk ei kraft ut frå han, og han snudde seg i mengda og spurde: «Kven var det som rørte ved kleda mine?»
- <sup>31</sup>«Du ser korleis folket trengjer seg innpå deg», svara læresveinane, «og så spør du kven som rørte ved deg!»
- <sup>32</sup>Men Jesus såg seg om etter den som hadde gjort det.
- <sup>33</sup>Kvinna var så redd at ho skalv, for ho visste kva som hadde hendt med henne. No kom ho og kasta seg ned for han og fortalde han alt som det var.
- <sup>34</sup> Då sa han til henne: «Trua di har frelst deg, dotter. Gå i fred. Ver frisk og kvitt plaga di.»
- <sup>35</sup>Før han hadde tala ut, kom det folk frå huset til synagogeforstandaren og sa: «Dotter di er død. Kvifor bryr du meisteren lenger?»

<sup>36</sup>Jesus hørde det som vart sagt, og sa til synagogeforstandaren: «Ver ikkje redd, berre tru!»

<sup>37</sup>Han lét ingen andre følgja med seg enn Peter, Jakob og Johannes, bror til Jakob.

<sup>38</sup>Då dei kom heim til synagogeforstandaren og han såg alt oppstyret og folket som gret og bar seg,

<sup>39</sup>gjekk han inn og sa til dei: «Kva er det de ståkar og græt for? Barnet er ikkje død; ho søv.»

<sup>40</sup>Dei berre lo av han. Men han dreiv dei ut, alle saman, og tok med seg far og mor til barnet og dei som var med han, og gjekk inn der barnet låg.

<sup>41</sup>Så tok han henne i handa og sa: «Talita kumi!» Det tyder: «Vesle jente, eg seier deg: Stå opp!»

<sup>42</sup>Og straks stod jenta opp og gjekk omkring; ho var tolv år. Då vart dei reint ifrå seg av undring.

<sup>43</sup>Men Jesus forbaud dei strengt å la nokon få vita det, og sa at dei skulle gje henne noko å eta.

## Markus 6

### Jesus blir avvist på heimstaden

(Matt 13,53–58; Luk 4,16–30)

<sup>1</sup>Sidan gjekk han derifrå og kom til heimstaden sin, og læresveinane følgde han.

<sup>2</sup>Då sabbaten kom, tok han til å undervisa i synagogen. Mange som hørde han, var fulle av undring og sa: «Kvar har han dette frå? Kva er det for ein visdom han har fått? Og slike mektige gjerningar som han gjer!

<sup>3</sup>Er ikkje dette tømmermannen, son til Maria og bror til Jakob og Joses og Judas og Simon? Og bur ikkje systrene hans her hos oss?» Og dei vart forarga og avviste han.

<sup>4</sup>Men Jesus sa til dei: «Ein profet blir ikkje vanvørd andre stader enn på heimstaden sin, hos slektningane sine og i sitt eige hus.»

<sup>5</sup>Han kunne ikkje gjera noka mektig gjerning der; han berre la hendene på nokre få sjuke og lækte dei.

<sup>6</sup>Og han undra seg over at dei var så vantruande. Så drog han rundt i landsbyane der omkring og underviste.

### **Jesus sender ut apostlane**

(Matt 10,1.9–15; Luk 9,1–6)

<sup>7</sup>Jesus kalla til seg dei tolv og tok til å senda dei ut, to og to, og gav dei makt over dei ureine åndene.

<sup>8</sup>Han sa til dei at dei ikkje skulle ta noko anna med seg på vegen enn ein stav – ikkje brød, ikkje veske, ikkje koparmyntar i beltet.

<sup>9</sup>Dei skulle ha sandalar på føtene, men ikkje ha på seg meir enn éin kjortel.

<sup>10</sup>Og han sa til dei: «Når de har teke inn i eit hus, så ver der til de fer vidare.

<sup>11</sup>Og er det nokon stad dei ikkje tek imot dykk og ikkje vil høyra på dykk, skal de fara derifrå og rista støvet av føtene. Det skal vera eit vitnemål mot dei.»

<sup>12</sup>Så tok dei ut og forkynte for folket at dei skulle venda om.

<sup>13</sup>Dei dreiv ut mange vonde ånder og salva mange sjuke med olje og lækte dei.

### **Herodes og døyparen Johannes**

(Matt 14,1–12; Luk 9,7–9; 3,19–20)

<sup>14</sup>Kong Herodes fekk òg høyra om Jesus, for no var namnet hans vide kjent. Somme sa: «Døyparen Johannes er reist opp frå dei døde. Difor er desse kreftene verksame i han.»

<sup>15</sup>Andre sa: «Han er Elia», og endå andre: «Han er ein profet, som ein av dei gamle profetane.»

<sup>16</sup>Men då Herodes høyrde det, sa han: «Det er Johannes, han som eg lét halshogga. Han er vekt opp att.»



<sup>17</sup>For Herodes hadde sendt ut folk for å gripa Johannes, kasta han i fengsel og binda han. Dette gjorde han for Herodias' skuld. Henne hadde Herodes gift seg med, endå ho var kona til Filip, bror hans.

<sup>18</sup> Og Johannes hadde sagt til han: «Du har ikkje lov til å ha kona til bror din.»

<sup>19</sup>Difor var Herodias ute etter han og ville få han drepen, men ho greidde det ikkje.

<sup>20</sup>For Herodes hadde respekt for Johannes; han visste at han var ein rettferdig og heilag mann, og han heldt si hand over han. Når han hørde Johannes, vart han uroleg og rådvill. Likevel hørde han gjerne på han.

<sup>21</sup>Men så baud det seg eit høve: På åremålsdagen sin heldt Herodes eit festmåltid for stormennene sine og for offiserane og dei fremste i Galilea.

<sup>22</sup>Då kom dotter til Herodias inn og dansa. Herodes og gjestene vart så oppglødde over dette at kongen sa til jenta: «Be meg om kva du vil, så skal eg gje deg det.»

<sup>23</sup> Han svor på det og sa: «Kva du enn bed meg om, skal du få, om det så er halve kongeriket mitt.»

<sup>24</sup>Ho gjekk ut og spurde mor si: «Kva skal eg be om?» «Hovudet til døyparen Johannes», svara ho.

<sup>25</sup>Straks skunda ho seg inn til kongen og bar fram ønsket sitt: «Eg vil at du no med det same skal gje meg hovudet til døyparen Johannes på eit fat.»

<sup>26</sup>Kongen vart svært sorgfull, men fordi han hadde svore, og av omsyn til gjestene, ville han ikkje seia nei til henne.

<sup>27</sup>Han sende straks ein bøddel i veg med bod om å henta hovudet til Johannes. Bøddelen gjekk og hogg hovudet av Johannes i fengselet.

<sup>28</sup>Så kom han med hovudet på eit fat og lét jenta få det, og ho gav det til mor si.

<sup>29</sup>Då læresveinane hans fekk høyra dette, kom dei og henta liket og la det i ei grav.

### Jesus mettar fem tusen

(Matt 14,13–21; Luk 9,10–17; Joh 6,1–13)

<sup>30</sup>Apostlane samla seg atter hos Jesus og fortalde han om alt dei hadde gjort, og alt dei hadde lært folket.

<sup>31</sup> Då sa han til dei: «Kom med meg til ein aud stad der vi kan vera åleine, og kvil dykk litt!» For det var så mange som kom og gjekk at dei fekk ikkje tid til å eta eingong.

<sup>32</sup>Så drog dei ut med båten til ein aud stad for å vera for seg sjølve.

<sup>33</sup>Men mange såg at dei drog bort, og kjende dei att, og frå alle byane kom folk springande og nådde fram før dei.

<sup>34</sup> Då Jesus steig i land, fekk han sjå ei stor folkemengd. Han fekk inderleg medkjensle med dei, for dei var som sauer utan gjetar. Og han gav seg til å undervisa dei om mange ting.

<sup>35</sup>Men då det leid langt på dag, kom læresveinane til han og sa: «Dette er ein aud stad, og dagen lid.

<sup>36</sup>Send folket frå deg, så dei kan gå bort i grendene og landsbyane her omkring og kjøpa seg noko å eta.»

<sup>37</sup> «De skal gje dei mat!» svara Jesus. Dei sa: «Skal vi gå og kjøpa brød for to hundre denarar, så dei kan få seg mat?»

<sup>38</sup>«Kor mange brød har de?» spurde han. «Gå og sjå etter!» Då dei hadde gjort det, sa dei: «Fem brød og to fiskar.»

<sup>39</sup>Då sa han at dei skulle la alle setja seg saman i matlag i det grønne graset.

<sup>40</sup> Og dei slo seg ned, rad på rad – somme på hundre og somme på femti.

<sup>41</sup>Så tok Jesus dei fem brøda og dei to fiskane, såg opp mot himmelen og bad takkebøna. Og han braut brødet og gav det til læresveinane, så dei skulle by rundt til folket. Dei to fiskane delte han òg ut, så alle fekk.

<sup>42</sup>Og alle åt og vart mette.

<sup>43</sup>Etterpå samla dei opp det som var att av brøda og fiskane, og det vart tolv fulle korgar.

<sup>44</sup>Det var fem tusen menn som hadde fått mat.

**Jesus går på vatnet**  
(Matt 14,22–33; Joh 6,16–21)

<sup>45</sup>Straks etter nøydde Jesus læresveinane til å gå i båten og fara føre over til andre sida, til Betsaida, medan han sjølv sende folket av stad.

<sup>46</sup>Då han hadde teke farvel, gjekk han opp i fjellet for å be.

<sup>47</sup>Då kvelden kom, var båten midt ute på sjøen, og Jesus var åleine på land.

<sup>48</sup>Han såg at dei sleit og rodde tungt, for dei hadde vinden imot seg. I den fjerde nattevakta kom han gåande mot dei på sjøen. Han ville gå framom,

<sup>49</sup>men då dei såg han gå på vatnet, trudde dei at det var eit gjenferd, og skreik høgt,

<sup>50</sup>for alle såg han og vart gripne av redsle. Men i det same tala Jesus til dei: «Ver ved godt mot! Det er eg, ver ikkje reddel!»

<sup>51</sup>Så steig han opp i båten til dei, og vinden stilna. Men dei var reint ifrå seg av undring.

<sup>52</sup>For dei hadde ikkje teke lærdom av det som hadde hendt med brøda, så harde var hjarta deira.

**Sjuka blir borne til Jesus**  
(Matt 14,34–36)

<sup>53</sup>Då dei hadde fare over sjøen, kom dei til Gennesaret og la til lands der.

<sup>54</sup>Straks dei steig ut av båten, kjende folk han att,

<sup>55</sup>og dei sprang rundt i heile nabolaget og tok til å bera dei sjuke på bårer dit dei høyrde at han var.

<sup>56</sup>Kvar han enn kom, til landsbyar, byar eller grender, sette folk dei sjuke ut på torget. Og dei bad om at dei i det minste måtte få røra ved dusken på kappefliken hans. Og alle som tok i han, vart friske.

## Markus 7

### Menneskebod og Guds bod

(Matt 15,1–20)

- <sup>1</sup>Farisearane og nokre skriftlærde som var komne frå Jerusalem, samla seg om Jesus.
- <sup>2</sup>Då la dei merke til at nokre av læresveinane hans åt med ureine hender, det vil seia utan å skylja dei.
- <sup>3</sup>For farisearane og alle andre jødar heller litt vatn over hendene før dei et. Slik held dei fast ved overleveringa frå dei gamle.
- <sup>4</sup>Og når dei kjem frå torget, et dei ikkje noko utan å ha teke eit reinsingsbad. Dei har òg mange andre skikkar som dei har overteke og held fast på, så som å dyppa skåler og krus og kjelar i vatn.
- <sup>5</sup>Difor spurde farisearane og dei skriftlærde han: «Kvifor følgjer ikkje læresveinane dine overleveringa frå dei gamle, men et med vanheilage hender?»
- <sup>6</sup>Då sa Jesus: «Jesaja profeterte rett om dykk, hyklarar, slik det står skrive: Dette folket ærar meg med leppene, men hjartet er langt borte frå meg.
- <sup>7</sup>Fåfengt dyrkar dei meg, for det dei lærer, er menneskebod.
- <sup>8</sup>De har forlate Guds bod, men held fast på overleveringa frå menneske.»
- <sup>9</sup>Og han sa til dei: «Ja, de fer fint fram! De set Guds bod ut av kraft så dykkar eiga overlevering kan gjelda!
- <sup>10</sup> Moses har sagt: ‘Æra far din og mor di’, og: ‘Den som talar vondord mot far sin eller mor si, skal døy’.
- <sup>11</sup> Men de godkjenner likevel at nokon seier til far sin eller mor si: ‘Den hjelpa du skulle hatt frå meg, skal vera ein korban’ – det er ei gåve til tempelet.
- <sup>12</sup>Då lèt de han ikkje få gjera noko for far eller mor.
- <sup>13</sup>Slik set de Guds ord til sides av omsyn til den overleveringa de har gjeve vidare. Og slikt gjer de mykje av.»



- <sup>14</sup>Så kalla han folket saman att og sa: «Høyr på meg alle, og forstå!
- <sup>15</sup>Ikkje noko av det som kjem inn i mennesket utanfrå, kan gjera det ureint. Nei, det er det som går ut av mennesket, som gjer mennesket ureint.
- <sup>16</sup> {{Den som har øyre å høyra med, høyr!}}»
- <sup>17</sup>Då han var komen i hus, bort frå folket, spurde læresveinane han om likninga.
- <sup>18</sup>«Forstår de ikkje noko, de heller?» sa han. «Skjønar de ikkje at ingen ting av det som kjem inn i mennesket utanfrå, kan gjera det ureint?
- <sup>19</sup> Det kjem då ikkje inn i hjartet, men fer ned i magen og ut dit det skal.» Dermed slo han fast at all mat er rein.
- <sup>20</sup>Og han la til: «Det er det som går ut av mennesket, som gjer mennesket ureint.
- <sup>21</sup> For innanfrå, frå menneskehjartet, kjem dei vonde tankane: hor, tjuveri, mord,
- <sup>22</sup>ekteskapsbrot, eigesjuka, ondskap, svik, utukt, misunnelege auge, spott, hovmod, vitlaus ferd.
- <sup>23</sup>All denne ondskapen kjem innanfrå og gjer mennesket ureint.»

### **Kvinna frå Fønikia**

(Matt 15,21–28)

- <sup>24</sup> Så tok han ut derifrå og fór til Tyros-området. Der gjekk han inn i eit hus og ville ikkje at nokon skulle vita det. Men det kunne ikkje haldast løynt.
- <sup>25</sup>Ei kvinne der på staden hadde ei dotter som hadde ei urein ånd i seg. Då ho fekk høyra om Jesus, kom ho straks og kasta seg ned for føtene hans.
- <sup>26</sup> Denne kvinne var gresktalande, av syrisk-fønikisk ætt. Og ho bad han driva den vonde ånda ut av dotter hennar.
- <sup>27</sup>Men Jesus sa til henne: «Lat først borna få eta seg mette. Det er ikkje rett å ta brødet frå borna og kasta det til hundane.»

<sup>28</sup>«Det er sant, Herre», svara ho, «men hundane under bordet et då smulane etter borna.»

<sup>29</sup>Då sa han til henne: «Fordi du sa dette, seier eg deg: Gå heim, den vonde ånda har fare ut av dotter di.»

<sup>30</sup>Då ho kom heim, fann ho barnet liggjande på senga. Den vonde ånda hadde fare ut.

### **Den døde som hadde vondt for å tala**

<sup>31</sup> Sidan drog Jesus bort att frå Tyros-området. Han tok vegen om Sidon og drog mot Galileasjøen gjennom Dekapolis-landet.

<sup>32</sup> Der førte dei til han ein mann som var døv og hadde vondt for å tala, og dei bad han leggja hendene på han.

<sup>33</sup> Jesus tok han med seg bort frå folket. Han stakk fingrane sine i øyra hans, tok spytt og rørte ved tunga hans.

<sup>34</sup> Så såg han opp mot himmelen, sukka og sa til han: «Effata!» – det tyder: «Lat deg opp!»

<sup>35</sup> Med det same vart øyra hans opna, og bandet som batt tunga hans, vart løyst så han tala reint.

<sup>36</sup> Jesus forbaud dei å seia det til nokon. Men di meir han forbaud det, di meir gjorde dei det kjent.

<sup>37</sup> Folk undra seg storleg og sa: «Alt han har gjort, er godt. Han får døde til å høyra og stumme til å tala.»

## **Markus 8**

### **Jesus mettar fire tusen**

(Matt 15,32–39)

<sup>1</sup>Ein annan gong på den tida var mykje folk samla, og dei hadde ikkje noko å eta. Då kalla Jesus læresveinane til seg og sa:

<sup>2</sup>«Eg synest inderleg synd på folket. No har dei alt vore hos meg i tre dagar, og dei har ikkje noko å eta.

<sup>3</sup>Lèt eg dei fara svoltne heim, blir dei reint utmatta på vegen; for somme av dei har kome langt bortanfrå.»

<sup>4</sup>«Kvar kan ein få tak i brød til å metta alle desse her i øydemarka?» svara læresveinane.

<sup>5</sup>«Kor mange brød har de?» spurde Jesus. «Sju», svara dei.

<sup>6</sup>Då bad han folket setja seg på marka. Så tok han dei sju brøda, bad takkebøna, braut dei og gav til læresveinane så dei skulle dela dei ut, og dei delte ut til folket.

<sup>7</sup>Nokre få småfiskar hadde dei òg. Jesus velsigna dei og sa at dei òg skulle delast ut.

<sup>8</sup>Dei åt og vart mette. Etterpå samla dei opp brødstykkka som var til overs, sju store korger.

<sup>9</sup>Det var omkring fire tusen menneske der. Og han lét dei dra heim.

<sup>10</sup> Straks etter gjekk han i båten med læresveinane og kom til bygdene ved Dalmanuta.

#### **Krav om teikn**

(Matt 16,1–4)

<sup>11</sup> No kom farisearane og gav seg i ordskifte med Jesus. Dei ville setja han på prøve og bad om eit teikn frå himmelen.

<sup>12</sup>Då sukka han djupt og sa: «Kvifor krev denne slekta eit teikn? Sanneleg, eg seier dykk: Denne slekta skal aldri få noko teikn.»

<sup>13</sup>Dermed gjekk han frå dei, steig i båten og drog over til andre sida.

#### **Den farlege surdeigen**

(Matt 16,5–12)

<sup>14</sup>Men læresveinane hadde gløymt å ta med brød. Dei hadde berre eit einaste brød med seg i båten.

<sup>15</sup> Då gav Jesus seg til å átvara dei og sa: «Pass dykk og hald dykk unna surdeigen til farisearane og surdeigen til Herodes!»

<sup>16</sup>Men dei snakka seg imellom om at dei ikkje hadde brød.

17 Jesus merka det og sa til dei: «Kvifor snakkar de om at de ikkje har brød? Ser de enno ingenting? Skjønar de ikkje? Har de så harde hjarte?

18 De har auge – ser de ikkje? De har øyre – høyrer de ikkje? Hugsar de ikkje

19 den gongen eg braut dei fem brøda til dei fem tusen? Kor mange korger fulle av brødstykke samla de opp då?» «Tolv», svara dei.

20 «Og då eg braut dei sju brøda til dei fire tusen, kor mange korger med brødstykke samla de opp då?» «Sju», svara dei.

21«Skjønar de enno ingen ting?» sa han.

### Den blinde mannen i Betsaida

22Så kom dei til Betsaida. Der førte dei ein blind mann til Jesus og bad han røra ved han.

23 Jesus tok den blinde i handa og leidde han ut av landsbyen. Så spytta han på auga hans, la hendene på han og spurde: «Ser du noko?»

24Mannen såg opp og sa: «Eg ser menneske. For eg skimtar noko som liknar tre, som går omkring.»

25Så la Jesus på nytt hendene over auga hans. Då braut synet hans fram. Han vart god att og kunne sjå alt klårt.

26 Og Jesus sende han heim. «Men gå ikkje inn i landsbyen {{og sei det ikkje til nokon der}}!» sa han.

### Peters vedkjenning

(Matt 16,13–20; Luk 9,18–21)

27Sidan fór Jesus og læresveinane hans bort til landsbyane ved Cæsarea Filippi. På vegen spurde han læresveinane: «Kven seier folk at eg er?»

28 Dei svara: «Somme seier døyparen Johannes, andre Elia og atter andre ein av profetane.»

29 «Og de», spurde han, «kven seier de at eg er?» Då svara Peter: «Du er Messias.»

30 Men han forbaud dei strengt å snakka om han til nokon.

### Jesus talar om at han skal døy og stå opp att

(Matt 16,21–23; Luk 9,22)

**31** Då tok Jesus til å læra dei: «Menneskesonen må lida mykje og bli vraka av dei eldste, overprestane og dei skriftlærde. Han skal bli slegen i hel, og tre dagar etter skal han stå opp att.»

**32** Dette tala han ope om. Då tok Peter han til sides og gav seg til å tala han til rette.

**33** Men Jesus snudde seg, såg på læresveinane og sa strengt til Peter: «Vik bak meg, Satan! Du har ikkje tanke for det som Gud vil, berre for det som menneske vil.»

### Å følgja Jesus

(Matt 16,24–28; Luk 9,23–27)

**34** Sidan kalla han til seg folket og læresveinane sine og sa til dei: «Vil nokon følgja etter meg, må han seia nei til seg sjølv og ta krossen sin opp og følgja meg.

**35** For den som vil berga livet sitt, skal mista det. Men den som mistar livet sitt for mi skuld og for evangeliet, skal berga det.

**36** Kva gagnar det eit menneske om det vinn heile verda, men taper si sjel?

**37** Og kva kan eit menneske gje til vederlag for si sjel?

**38** For den som skjemmest ved meg og orda mine i denne utrue og syndige slekta, skal òg Menneskesonen skjemmast ved når han kjem i sin Fars herlegdom saman med dei heilage englane.»

## Markus 9

**1** Og han la til: «Sanneleg, eg seier dykk: Somme av dei som står her, skal ikkje smaka døden før dei får sjå at Guds rike har kome med kraft.»

### Læresveinane får sjå Jesu herlegdom

(Matt 17,1–13; Luk 9,28–36)

**2** Seks dagar etter tok Jesus med seg Peter, Jakob og Johannes og førte dei opp på eit høgt fjell, der dei var åleine. Då vart han forvandla for auga deira,

<sup>3</sup>og kleda hans vart så skinande kvite at ingen som bleikjer klede her på jorda, kan få dei så kvite.

<sup>4</sup>Elia synte seg for dei saman med Moses, og dei snakka med Jesus.

<sup>5</sup>Då tok Peter til orde og sa til Jesus: «Rabbi, det er godt at vi er her. Lat oss byggja tre hytter, ei til deg, ei til Moses og ei til Elia.»

<sup>6</sup>Han visste ikkje kva han skulle seia, for dei vart så redde.

<sup>7</sup>Då kom det ei sky og la skugge over dei, og frå skya kom det ei røyst: «Dette er Son min, han som eg elsker. Høyr han!»

<sup>8</sup>Men best dei såg seg omkring, såg dei ingen annan enn Jesus; berre han var hos dei.

<sup>9</sup>På vegen ned frå fjellet forbaud han dei å fortelja nokon kva dei hadde sett, før Menneskesonen hadde stått opp frå dei døde.

<sup>10</sup>Dei merka seg det ordet og diskuterte med kvarandre kva det er å stå opp frå dei døde.

<sup>11</sup> «Kvifor seier dei skriftlærde at først må Elia koma?» spurde dei.

<sup>12</sup> Jesus svara: «Elia kjem først og set alt i rett skikk. Kvifor står det så skrive om Menneskesonen at han skal lida mykje og bli vanvørd?»

<sup>13</sup> Men eg seier dykk: Elia er alt komen, og dei gjorde med han som dei ville, slik det står skrive om han.»

### **Jesus lækjer ein gut med ei vond ånd**

(Matt 17,14–21; Luk 9,37–43)

<sup>14</sup>Då dei kom tilbake til dei andre læresveinane, såg dei at ei stor folkemengd var samla omkring dei, og nokre skriftlærde som var i ordskifte med dei.

<sup>15</sup>Straks folket fekk auge på Jesus, vart dei gripne av otte og undring, og dei sprang imot han og helsa.

<sup>16</sup>«Kva er det de er usamde om?» spurde han.

<sup>17</sup>Ein i flokken svara: «Meister, eg er komen til deg med son min; han har ei ånd som gjer han stum.

<sup>18</sup>Når ho tek tak i han, kastar ho han over ende, skummet står ut av munnen, og han skjer tenner og blir heilt stiv. Eg bad læresveinane dine driva ånda ut, men dei makta det ikkje.»

<sup>19</sup>Då sa Jesus til dei: «Du vantruande slekt! Kor lenge skal eg vera hos dykk? Kor lenge skal eg halda ut med dykk? Kom hit til meg med han!»

<sup>20</sup>Dei førte guten bort til han, og med det same ånda fekk sjå Jesus, reiv og sleit ho i guten så han fall til jorda og velte seg med skum om munnen.

<sup>21</sup>«Kor lenge har han hatt det slik?» spurde Jesus. «Frå han var liten», svara faren.

<sup>22</sup> «Ofte har ånda kasta han både i eld og i vatn for å ta livet av han. Men om du kan, så ha medkjensle med oss og hjelp oss!»

<sup>23</sup> «Om eg kan?» svara Jesus. «Alt er mogleg for den som trur.»

<sup>24</sup>Straks ropa faren: «Eg trur, hjelp mi vantru!»

<sup>25</sup>Då Jesus såg folk strøyma til, truga han den ureine ånda og sa: «Du stumme og døde ånd, eg byd deg: Far ut av han, og kom aldri meir tilbake!»

<sup>26</sup> Då skreik ho høgt, reiv og sleit i han og fór ut. Guten låg livlaus, og alle sa at han var død.

<sup>27</sup>Men Jesus tok han i handa og hjelpte han opp, og han reiste seg.

<sup>28</sup>Då Jesus var komen i hus og læresveinane var åleine med han, spurde dei: «Kvifor kunne ikkje vi driva ut den ånda?»

<sup>29</sup> Han svara: «Dette slaget kan berre drivast ut med bøn {{og faste}}.»

### **Jesus talar igjen om at han skal døy og stå opp att**

(Matt 17,22–23; Luk 9,44–45)

<sup>30</sup>Dei drog ut derifrå og la vegen gjennom Galilea. Han ville ikkje at nokon skulle vita om det,

<sup>31</sup> for han heldt på å undervisa læresveinane sine. Han sa til dei: «Menneskesonen skal gjevast over i hendene på menneske; dei skal slå han i hel. Tre dagar etter skal han stå opp att.»

<sup>32</sup>Men dei skjøna ikkje kva han sa, og dei våga ikkje å spørja han.

### **Kven er den største?**

(Matt 18,1–5; Luk 9,46–48)

<sup>33</sup>Så kom dei til Kapernaum. Og då han vel var heime, spurde han dei: «Kva var det de snakka om på vegen?»

<sup>34</sup>Dei tagde, for på vegen hadde dei vore usamde om kven som var den største.

<sup>35</sup> Då sette han seg, kalla til seg dei tolv og sa til dei: «Om nokon vil vera den første, må han vera den siste av alle og tenar for alle.»

<sup>36</sup>Så tok han eit lite barn og sette det midt imellom dei. Han la armen om barnet og sa til dei:

<sup>37</sup> «Den som tek imot eit slikt lite barn i mitt namn, tek imot meg. Og den som tek imot meg, tek ikkje imot meg, men han som har sendt meg.»

### **For eller imot**

(Matt 10,42; 18,6–7; Luk 9,49–50; 17,1–2)

<sup>38</sup>Johannes sa til han: «Meister, vi såg ein som dreiv ut vonde ånder i ditt namn. Vi freista hindra han sidan han ikkje var i lag med oss.»

<sup>39</sup>Men Jesus sa: «Hindra han ikkje! For ingen som gjer ei mektig gjerning i mitt namn, kan like etter tala vondt om meg.

<sup>40</sup> Den som ikkje er imot oss, er med oss.

<sup>41</sup> Den som gjev dykk eit beger vatn å drikka fordi de høyrer Kristus til – sanneleg, eg seier dykk: Han skal slett ikkje mista si løn.

<sup>42</sup>Den som lokkar til fall ein av desse små som trur på meg, for han var det betre om dei hadde lagt ein kvernstein om halsen på han og kasta han i havet.

### **Stå fast i freisting**

(Matt 18,8–10)

<sup>43</sup> Om handa di lokkar deg til fall, så hogg henne av! Det er betre for deg at du går lemlesta inn til livet, enn at du har to hender og kjem i helvete, til elden som aldri sloknar,



44 {{der makken deira ikkje døyr og elden ikkje sloknar.}}

45 Og om foten din lokkar deg til fall, så hogg han av! Det er betre for deg at du går halt inn til livet, enn at du har to føter og blir kasta i helvete,

46 {{der makken deira ikkje døyr og elden ikkje sloknar.}}

47 Og om auget ditt lokkar deg til fall, så riv det ut! Det er betre for deg at du går einøygd inn i Guds rike, enn at du har to auge og blir kasta i helvete,

48 der makken deira ikkje døyr og elden ikkje sloknar.

49 For kvart menneske skal saltast med eld, {{og kvart offer skal saltast med salt.}}

50 Salt er ein god ting. Men mistar saltet si kraft, korleis skal de då gjera det salt att? Ha salt i dykk sjølve og hald fred med kvarandre!»

## Markus 10

### Ekteskap og skilsmisse

(Matt 19,1–9)

1 Så tok han ut derifrå og kom til Judea og til landet bortanfor Jordan. Folket samla seg atter omkring han, og han underviste dei, slik han hadde for vane.

2 Då kom det nokre farisearar og spurde han: «Har ein mann lov til å skilja seg frå kona si?» Dei ville setja han på prøve.

3 «Kva bod fekk de av Moses?» sa Jesus.

4 Dei svara: «Moses har gjeve mannen lov til å skriva skilsmissebrev og senda henne frå seg.»

5 Då sa han til dei: «Fordi hjarta dykkar er så harde, har Moses gjeve dykk dette bodet.

6 Men i opphavet, då alt vart til, skapte Gud dei som mann og kvinne.

7 Difor skal mannen forlata far sin og mor si og halda fast ved kvinna si,

8 og dei to skal vera éin kropp. Så er dei ikkje lenger to; dei er éin kropp.

9 Og det som Gud har bunde saman, skal ikkje menneske skilja.»

<sup>10</sup>Då dei var komne i hus att, spurde læresveinane han om dette.

<sup>11</sup>Han sa til dei: «Den som skil seg frå kona si og gifter seg med ei anna, gjer seg skuldig i ekteskapsbrot mot den første.

<sup>12</sup>Og om ei kvinne skil seg frå mannen sin og gifter seg med ein annan, bryt ho ekteskapet.»

### **Jesus og borna**

(Matt 19,13–15; Luk 18,15–17)

<sup>13</sup>Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort.

<sup>14</sup>Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til.

<sup>15</sup> Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.»

<sup>16</sup>Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.

### **Jesus og den rike mannen**

(Matt 19,16–30; Luk 18,18–30)

<sup>17</sup>Då Jesus skulle fara derifrå, kom det ein mann springande, fall på kne for han og spurde: «Gode meister, kva skal eg gjera så eg kan arva evig liv?»

<sup>18</sup>Men Jesus sa til han: «Kvifor kallar du meg god? Ingen er god utan éin – det er Gud!

<sup>19</sup> Boda kjenner du: Du skal ikkje slå i hel, du skal ikkje bryta ekteskapet, du skal ikkje stela, du skal ikkje vitna falskt, du skal ikkje lura til deg noko, æra far din og mor di.»

<sup>20</sup>Han svara: «Meister, alt dette har eg halde frå eg var ung.»

<sup>21</sup> Då såg Jesus på han og fekk han kjær. Og han sa: «Éin ting manglar du: Gå bort og sel alt du eig, og gjev det til dei fattige; då skal du få ein skatt i himmelen. Kom så og følg meg!»

<sup>22</sup>Då han hørde dette, fór det ein skugge over andletet hans, og han gjekk sorgtung bort, for han eigde mykje.

<sup>23</sup> Då såg Jesus omkring seg og sa til læresveinane sine: «Kor vanskeleg det blir for dei som eig mykje, å koma inn i Guds rike!»

<sup>24</sup>Læresveinane vart gripne av otte og undring då han sa det. Men Jesus tok til orde att og sa: «Kor vanskeleg det er, borna mine, å koma inn i Guds rike {{for dei som set si lit til rikdom}}.

<sup>25</sup>Det er lettare for ein kamel å gå gjennom eit nålauge enn for ein rik å koma inn i Guds rike.»

<sup>26</sup>Då vart dei reint forstøkte og sa til kvarandre: «Kven kan då bli frelst?»

<sup>27</sup> Jesus såg på dei og sa: «For menneske er det umogleg, men ikkje for Gud. Alt er mogleg for Gud.»

<sup>28</sup>Då tok Peter til orde og sa: «Kva med oss? Vi har gått ifrå alt og følgd deg.»

<sup>29</sup>Jesus svara: «Sanneleg, eg seier dykk: Ingen har forlate hus eller brør eller systrer eller mor eller far eller born eller åkrar for mi skuld eller for evangeliet skuld

<sup>30</sup>utan at han skal få det att hundre gonger. Her i denne tida skal han få hus, brør, systrer, mødrer, born og åkrar, men han skal òg bli forfølgd – og i den verda som kjem, skal han få evig liv.

<sup>31</sup>Men mange som er dei første, skal bli dei siste, og dei siste skal bli dei første.»

### **Jesus talar tredje gongen om at han skal døy og stå opp att**

(Matt 20,17–19; Luk 18,31–34)

<sup>32</sup>Dei var no på veg opp til Jerusalem, og Jesus gjekk føre dei. Læresveinane var urolege, og dei som følgde med, var redde. Då samla han atter dei tolv omkring seg og tok til å fortelja dei kva som skulle henda han:

<sup>33</sup> «Sjå, vi dreg opp til Jerusalem, og Menneskesonen skal gjevast over til overprestane og dei skriftlærde. Dei skal dømme han til døden og gje han over til heidningane,

<sup>34</sup> og dei skal spotta han og spytta på han, piska han og slå han i hel. Og tre dagar etter skal han stå opp att.»

### Ikkje råda, men tena

(Matt 20,20–28)

**35** Jakob og Johannes, sønene til Sebedeus, kom til Jesus og sa: «Meister, det er noko vi vil be deg gjera for oss.»

**36** «Kva vil de at eg skal gjera for dykk?» spurde han.

**37** Dei svara: «Lat oss få sitja attmed deg i din herlegdom, den eine på høgre og den andre på venstre sida di.»

**38** «De veit ikkje kva de bed om», sa Jesus. «Kan de drikk det begeret eg drikk, eller døypast med den dåpen eg blir døypt med?»

**39** «Det kan vi», svara dei. Då sa Jesus til dei: «Det begeret eg drikk, skal de drikk, og den dåpen eg blir døypt med, skal de døypast med.

**40** Men kven som skal sitja på mi høgre og venstre side, er det ikkje mi sak å avgjera. Der skal dei sitja som det er gjort i stand for.»

**41** Då dei ti andre høyrde dette, vart dei sinte på Jakob og Johannes.

**42** Men Jesus kalla dei til seg og sa: «De veit at dei som blir rekna for å vera fyrstar over folka, undertrykkjer dei, og stormennene deira styrer med hard hand.

**43** Men slik er det ikkje blant dykk. Den som vil bli stor blant dykk, skal vera tenaren dykkar,

**44** og den som vil vera først blant dykk, skal vera slave for alle.

**45** For ikkje eingong Menneskesonen er komen for å la seg tena, men for sjølv å tena og gje livet sitt til løysepengje for mange.»

### Den blinde Bartimeus

(Matt 20,29–34; Luk 18,35–43)

**46** Så kom dei til Jeriko. Og då Jesus drog ut av byen saman med læresveinane sine og ei stor folkemengd, sat det ein blind tiggjar attmed vegen. Han heitte Bartimeus og var son til Timeus.

**47** Då han høyrde at det var Jesus frå Nasaret som kom, sette han i å ropa: «Jesus, du Davids son, miskunna deg over meg!»

<sup>48</sup>Mange tala hardt til han og bad han teia, men han ropa berre endå høgare: «Du Davids son, miskunna deg over meg!»

<sup>49</sup>Då stogga Jesus og sa: «Rop på han!» Dei ropa på den blinde og sa til han: «Ver ved godt mot! Reis deg opp! Han kallar på deg.»

<sup>50</sup>Mannen kasta av seg kappa, sprang opp og kom bort til Jesus.

<sup>51</sup> «Kva vil du at eg skal gjera for deg?» spurde Jesus. Den blinde svara: «Rabbuni, lat meg få att synet!»

<sup>52</sup> Då sa Jesus til han: «Gå du! Trua di har frelst deg.» Med det same kunne han sjå, og han følgde Jesus på vegen.

## Markus 11

### Jesus kjem til Jerusalem

(Kap. 11–12)

#### Jesus rid inn i Jerusalem

(Matt 21,1–11; Luk 19,28–38; Joh 12,12–16)

<sup>1</sup>Då dei nærma seg Jerusalem og var komne til Betfage og Betania ved Oljeberget, sende Jesus to av læresveinane i veg

<sup>2</sup>og sa til dei: «Gå bort i den landsbyen som ligg framfor dykk! Straks de kjem inn der, finn de ein eselfole som står bunden, og som det aldri har sete nokon på. Løys han og kom hit med han.

<sup>3</sup>Og er det nokon som spør: ‘Kva er det de gjer?’ skal de svara: ‘Herren har bruk for han og sender han straks tilbake.’»

<sup>4</sup>Så gjekk dei og fann folen, som stod bunden ute i gata attmed ei dør, og dei løyste han.

<sup>5</sup>Nokre av dei som stod der, sa til dei: «Kva er det de gjer? Løyser de folen?»

<sup>6</sup>Dei svara så som Jesus hadde sagt, og då fekk dei gå.

<sup>7</sup>Så kom dei til Jesus med folen og la kappene sine på han, og Jesus sette seg oppå.

<sup>8</sup>Mange breidde kappene sine på vegen, andre strødde friske greiner som dei hadde hogge ute på markene.

<sup>9</sup>Både dei som gjekk føre, og dei som følgde etter, ropa: «Hosianna! Velsigna er han som kjem i Herrens namn!

<sup>10</sup> Velsigna er vår far Davids rike som kjem! Hosianna i det høgste!»

<sup>11</sup>Han kom inn i Jerusalem og gjekk opp på tempelplassen. Der såg han seg omkring alle stader, men sidan det leid mot kveld, drog han ut til Betania med dei tolv.

### **Fikentreet som ikkje bar frukt**

(Matt 21,18–22)

<sup>12</sup>Dagen etter, då dei gjekk frå Betania, vart Jesus svolten.

<sup>13</sup>Langt borte såg han eit fikentre med lauv på. Han gjekk dit og ville sjå om han kunne finna noko på det. Men då han kom bortåt, fann han berre lauv, for det var ikkje tid for fiken.

<sup>14</sup> Då sa han til treet: «Aldri meir skal nokon eta frukt av deg!» Og læresveinane høyrde det.

### **Tempelet skal vera eit bønehus**

(Matt 21,12–17; Luk 19,45–48; Joh 2,13–16)

<sup>15</sup> Då dei kom til Jerusalem, gjekk Jesus inn på tempelplassen og tok til å driva ut dei som selde og kjøpte der. Han velte borda til pengevekslarane og benkene til dei som selde duer,

<sup>16</sup> og han gav ingen lov til å bera noko over tempelplassen.

<sup>17</sup> Og han lærte dei: «Står det ikkje skrive: Mitt hus skal kallast eit bønehus for alle folk? Men de har gjort det til ei røvarhøle.»

<sup>18</sup>Overprestane og dei skriftlærde fekk høyra dette, og dei freista å finna ei råd til å ta livet av han. For dei var redde han fordi heile folket var overvelda av læra hans.

<sup>19</sup>Då det vart kveld, gjekk Jesus og læresveinane ut av byen.

### **Tru og bøn**

(Matt 21,18–22)

**20** Tidleg om morgonen gjekk dei forbi fikentreet, og då såg dei at det hadde visna heilt ifrå rota.

**21** Peter kom i hug Jesu ord og sa: «Rabbi, sjå fikentreet som du forbanna! Det har visna.»

**22** Og Jesus svara dei: «Ha tru til Gud!

**23** Sanneleg, eg seier dykk: Om nokon seier til dette fjellet: ‘Lyft deg opp og kast deg i havet!’ og han ikkje har tvil i hjartet, men trur det vil gå som han seier, då skal det gå slik.

**24** Difor seier eg dykk: Alt de bed om i bønene dykkar – tru at de har fått det, og de skal få det.

**25** Men når de står og bed og har noko å klaga ein annan for, så tilgjev han. Då skal òg Far dykkar i himmelen tilgje dykk misgjerningane dykkar.

**26** {{Men om de ikkje tilgjev, skal heller ikkje Far dykkar i himmelen tilgje dykkar misgjerningar.}}»

### **Jesu fullmakt**

(Matt 21,23–27; Luk 20,1–8)

**27** Igjen kom dei inn i Jerusalem. Og medan Jesus gjekk omkring på tempelplassen, kom overprestane, dei skriftlærde og dei eldste til han

**28** og sa: «Kva rett har du til å gjera dette? Eller kven har gjeve deg fullmakt til å gjera det?»

**29** Jesus sa til dei: «Eg har òg eit spørsmål til dykk. Svar meg på det, så skal eg seia dykk kva fullmakt eg har til å gjera dette.

**30** Johannes-dåpen, var den frå himmelen eller frå menneske? Svar meg på det!»

**31** Dei samrørde seg med kvarandre og sa: «Svarar vi: ‘Frå himmelen’, vil han seia: Kvifor trudde de han då ikkje?

**32** Skal vi svara: ‘Frå menneske?’» Men dei var redde folket, for alle meinte at Johannes verkeleg var ein profet.

<sup>33</sup>Difor svara dei: «Det veit vi ikkje.» Då sa Jesus til dei: «Så seier heller ikkje eg til dykk kva fullmakt eg har til å gjera dette.»

## Markus 12

### Vinbøndene og arvingen

(Matt 21,33–46; Luk 20,9–19)

<sup>1</sup>Så tok han til å tala til dei i likningar: «Ein mann planta ei vinmark. Han sette gjerde rundt, hogg ut ei vinpresse og bygde eit vakttårn. Så leigde han marka bort til nokre vinbønder og drog utanlands.

<sup>2</sup>Då tida kom, sende han ein tenar til bøndene for å få sin del av avlinga.

<sup>3</sup>Men dei greip tenaren, skamslo han og sende han tomhendt bort.

<sup>4</sup>Sidan sende eigaren ein annan tenar til dei. Han slo dei i hovudet og spotta.

<sup>5</sup>Då sende han endå ein, og han slo dei i hel. Såleis gjekk det med mange: Somme skamslo dei, og somme drap dei.

<sup>6</sup>No hadde han ein einaste att, sin eigen son, som han hadde så kjær. Til sist sende han sonen til dei, for han tenkte: ‘Son min har dei nok vørndnad for.’

<sup>7</sup>Men vinbøndene sa til kvarandre: ‘Der har vi arvingen. Kom, lat oss slå han i hel, og arven er vår.’

<sup>8</sup>Så tok dei han og slo han i hel og kasta han ut av vingarden.

<sup>9</sup>Kva skal no vingardsherren gjera? Han skal koma og gjera ende på vinbøndene og la andre få vingarden.

<sup>10</sup>Har de ikkje lese dette ordet i Skrifta: Steinen som bygningsmennene vraka, har vorte hjørnestein.

<sup>11</sup>Det er Herrens eige verk, underfullt er det i våre auge.»

<sup>12</sup>Då ville dei gjerne ha gripe han, for dei skjøna at det var dei han sikta til med likninga si. Men dei torde ikkje for folket. Difor lét dei han vera og gjekk sin veg.

### Er det rett å svara skatt til keisaren?

(Matt 22,15–22; Luk 20,20–26)



**13** Sidan sende dei nokre av farisearane og herodianarane som skulle fanga han i ord.

**14** Dei kom og sa til han: «Meister, vi veit at du er ærleg og ikkje bryr deg om kva andre meiner. For du gjer ikkje skilnad på folk, men lærer i sanning Guds veg. Er det rett å svara skatt til keisaren, eller er det ikkje? Skal vi betala, eller skal vi la det vera?»

**15** Men Jesus merka hykleriet deira og sa til dei: «Kvifor set de meg på prøve? Kom med ein denar og lat meg få sjå han!»

**16** Dei gav han ein, og han spurde: «Kven har biletet og namnet sitt her?» «Keisaren», svara dei.

**17** Då sa Jesus til dei: «Gjev då keisaren det som høyrer keisaren til, og Gud det som høyrer Gud til!» Og dei undra seg over han.

#### **Oppstoda frå dei døde**

(Matt 22,23–33; Luk 20,27–38)

**18** Så kom det nokre saddukearar til han, dei som seier at dei døde ikkje skal stå opp. Og dei la fram for han dette spørsmålet:

**19** «Meister, Moses har gjeve oss dette påbodet: Om ein mann har ein bror som døyr og etterlèt seg kone, men ikkje born, skal han gifta seg med enkja og halda oppe ætta til bror sin.

**20** No var det sju brør. Den første tok seg ei kone, men døydde utan å etterlata seg born.

**21** Så gifte den andre seg med henne; han òg døydde barnlaus, og på same måten gjekk det med den tredje.

**22** Ingen av dei sju etterlèt seg born. Sist av dei alle døydde kvinna.

**23** Men i oppstoda, den dagen dei står opp att, kven av dei skal då ha henne til kone? Alle sju har då vore gifte med henne.»

**24** Jesus sa til dei: «De er på ville vegar! Og er ikkje det fordi de verken kjenner skriftene eller Guds makt?

<sup>25</sup>For når dei døde står opp, gifter dei seg ikkje og blir ikkje bortgifte; nei, dei er som englane i himmelen.

<sup>26</sup>Men at dei døde står opp, har de ikkje lese om det i Moseboka, i forteljinga om klungeren? Gud tala til Moses og sa: ‘Eg er Abrahams Gud og Isaks Gud og Jakobs Gud.’

<sup>27</sup>Han er ikkje ein Gud for døde, men for levande. De er heilt på ville vegar.»

#### **Det første bodet**

(Matt 22,34–40; Luk 10,25–28)

<sup>28</sup>Ein av dei skriftlærde som hadde høyrte på dette ordskiftet, skjøna at Jesus hadde svara dei godt. No kom han bort til han og spurde: «Kva for eit bod er det første av alle?»

<sup>29</sup>Jesus svara: «Dette er det første bodet: ‘Høyr, Israel! Herren vår Gud, Herren er éin.

<sup>30</sup>Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit og av all di makt.’

<sup>31</sup>Det andre er dette: ‘Du skal elska nesten din som deg sjølv.’ Noko større bod enn desse finst ikkje.»

<sup>32</sup>Den skriftlærde sa til han: «Du svarar godt, meister! Det er sant som du seier: Herren er éin, og det finst ingen annan enn han.

<sup>33</sup>Å elska han av heile sitt hjarte og av alt sitt vit og av all si makt og å elska nesten sin som seg sjølv, det er meir verdt enn alle brennoffer og slaktoffer.»

<sup>34</sup>Då Jesus hørde kor klokt han svara, sa han til den skriftlærde: «Du er ikkje langt borte frå Guds rike.» Og ingen våga å spørja han meir.

#### **Kven Messias er**

(Matt 22,41–46; Luk 20,41–44)

<sup>35</sup>Ein gong Jesus underviste på tempelplassen, sa han: «Korleis kan dei skriftlærde seia at Messias er Davids son?

<sup>36</sup>For David sjølv seier i Den heilage ande: ‘Herren sa til min herre: Set deg ved mi høgre hand til eg får lagt dine fiendar under dine føter.’

<sup>37</sup>David sjølv kallar han herre, korleis kan han då vera Davids son?»

### **Jesus åtvarar mot dei skriftlærde**

(Luk 20,45–47)

Den store folkemengda hørde gjerne på Jesus.

<sup>38</sup> Og medan han underviste, sa han: «Pass dykk for dei skriftlærde! Dei vil gjerne gå omkring i lange kapper, ta imot helsingar på torget,

<sup>39</sup> sitja fremst i synagogane og ha heidersplassane i gjestebod.

<sup>40</sup> Dei et enkjer ut av huset og held lange bøner for syns skuld. Dei skal få så mykje hardare dom.»

### **Den fattige enkja som gav**

(Luk 21,1–4)

<sup>41</sup> Ein gong sette Jesus seg midt imot tempelkista og såg på korleis folk la pengar i henne. Og mange rike gav mykje.

<sup>42</sup> Så kom det ei fattig enkje og la i to småmyntar, nokre få øre.

<sup>43</sup> Då kalla han læresveinane til seg og sa: «Sanneleg, eg seier dykk: Denne fattige enkja har gjeve meir enn nokon av dei andre som la pengar i tempelkista.

<sup>44</sup> For dei gav alle av si overflod, men ho gav av sin fattigdom alt det ho eigde, alt det ho skulle leva av.»

## **Markus 13**

### **Jesus talar om tidene som skal koma**

(Kap. 13)

#### **Tempelet skal ødeleggjast**

(Matt 24,1–2; Luk 21,5–6)

<sup>1</sup> Då Jesus var på veg ut frå tempelet, sa ein av læresveinane til han: «Sjå, meister, for nokre steinar og byggverk!»

<sup>2</sup> Han svara: «Ja, ser du desse veldige bygningane? Her skal ikkje liggja att stein på stein, alt skal rivast ned.»

#### **Trengselstida tek til**

(Matt 24,3–14; Luk 21,7–19)

<sup>3</sup> Då han sat på Oljeberget midt imot tempelet og Peter, Jakob, Johannes og Andreas var åleine med han, spurde dei han:

<sup>4</sup> «Sei oss: Når skal dette henda? Og kva er teiknet på at alt dette skal fullendast?»

<sup>5</sup> Jesus tok til orde og sa til dei: «Ta dykk i vare så ingen fører dykk vill!

<sup>6</sup> Mange skal koma i mitt namn og seia: ‘Det er eg!’ Og dei skal føra mange på villspor.

<sup>7</sup> Når de høyrer om krig og det går rykte om krig, så lat dykk ikkje skremma! Dette må henda, men enno er ikkje enden komen.

<sup>8</sup> Folk skal reisa seg mot folk og rike mot rike, og det skal vera jordskjelv på stad etter stad, og hungersnaud. Dette er byrjinga på fødselsriene.

<sup>9</sup> Men ta dykk i vare! Dei skal gje dykk over til domstolane og piska dykk i synagogane, og for mi skuld skal de førast fram for landshovdingar og kongar, så de kan vitna for dei.

<sup>10</sup> Og evangeliet må først forkynnast for alle folkeslag.

<sup>11</sup> Men når dei arresterer dykk og fører dykk for retten, så ver ikkje på førehand urolege for kva de skal seia, men sei det som blir gjeve dykk i same stund! For det er ikkje de som talar, men Den heilage ande.

<sup>12</sup> Bror skal senda bror i døden, og ein far barnet sitt, og born skal reisa seg mot foreldra og senda dei i døden.

<sup>13</sup> Og alle skal hata dykk for mitt namn skuld. Berre den som held ut til enden, skal bli frelst.

### **Den store trengsla**

(Matt 24,15–28; Luk 21,20–24)

<sup>14</sup> Når de ser det motbydelege som øydelegg, stå der det ikkje skulle stå – skjøn det, den som les! – då må dei som er i Judea, rømme til fjells,

<sup>15</sup> den som er på taket, må ikkje gå ned og inn i huset og henta noko,

<sup>16</sup> og den som er ute på marka, må ikkje gå tilbake etter kappa si.

<sup>17</sup>Ve dei som ventar barn og dei som gjev bryst i dei dagane!

<sup>18</sup>Og be om at det ikkje må henda om vinteren!

<sup>19</sup>For i dei dagane skal det koma ei trengselstid som det aldri før har vore, frå Gud i opphavet skapte verda og fram til no, og som det aldri meir skal bli.

<sup>20</sup>Og gjorde ikkje Herren dei dagane kortare, så vart ikkje noko menneske frelst. Men for deira skuld som han valde ut, har han gjort dei dagane kortare.

<sup>21</sup>Om nokon då seier til dykk: ‘Sjå, her er Messias’ eller: ‘Sjå, der er han’, så tru det ikkje!

<sup>22</sup>For falske messiasar og falske profetar skal stå fram og gjera teikn og under for å føra dei utvalde vill, om dei kan.

<sup>23</sup>Så ver på vakt! Eg har sagt dykk alt på førehand.

#### **Når Menneskesonen kjem**

(Matt 24,29–31; Luk 21,25–28)

<sup>24</sup>Men i dei dagane, etter denne trengselstida, skal sola formørkjast og månen mista sitt lys.

<sup>25</sup>Stjernene skal falla frå himmelen og kreftene i himmelrommet bli rokka.

<sup>26</sup>Då skal dei sjå Menneskesonen koma i skyene med stor makt og herlegdom.

<sup>27</sup>Han skal senda ut englane og samla dei utvalde frå dei fire verdshjørna, frå den ytste enden av jorda til den ytste enden av himmelen.

#### **Lær av fikentreet**

(Matt 24,32–36; Luk 21,29–33)

<sup>28</sup>Lær denne likninga av fikentreet: Når det kjem sevje i greinene og lauvet sprett, då veit de at sommaren er nær.

<sup>29</sup>Like eins veit de at han er nær, ja, rett utfor døra, når de ser at dette hender.

<sup>30</sup>Sanneleg, eg seier dykk: Denne slekta skal ikkje forgå før alt dette hender.

<sup>31</sup>Himmel og jord skal forgå, men mine ord skal aldri forgå.

<sup>32</sup> Men dagen eller timen kjenner ingen, ikkje englane i himmelen og heller ikkje Sonen, berre Faderen.

### **Vakne tenarar**

(Matt 25,13–15; Luk 19,12–13)

<sup>33</sup> Ver på vakt, hald dykk vakne! For de veit ikkje når tida er inne.

<sup>34</sup> Det er som når ein mann er utanlands. Før han fór heimanfrå, overlét han ansvaret til tenarane sine. Kvar av dei fekk sitt å gjera, og til dørvaktaren sa han at han skulle vaka.

<sup>35</sup> Så vak då! For de veit ikkje kva tid husherren kjem, anten det er om kvelden, midt på natta, når hanen gjel, eller når dagen renn.

<sup>36</sup> Lat han ikkje finna dykk sovande når han brått kjem.

<sup>37</sup> Det eg seier til dykk, det seier eg til alle: Ver vakne!»

## **Markus 14**

### **Jesu liding og død**

(Kap. 14–15)

#### **Samansverjing mot Jesus**

(Matt 26,1–5; Luk 22,1–2)

<sup>1</sup> No var det berre to dagar att til påske og høgtida med usyra brød. Overprestane og dei skriftlærde prøvde å finna ut korleis dei kunne gripa Jesus med list og slå han i hel.

<sup>2</sup> «Det må ikkje gjerast under høgtida», sa dei, «for då kan det bli uro i folket.»

#### **Jesus blir salva i Betania**

(Matt 26,6–13; Joh 12,1–8)

<sup>3</sup> Jesus var no i Betania, heime hos Simon den spedalske. Medan dei låg til bords, kom det inn ei kvinne med ei alabastkrukke full av ekte og svært dyr nardussalve. Ho braut krukka og helte salven ut over hovudet hans.

<sup>4</sup> Nokre som var der, vart arge og sa til kvarandre: «Kva skal ei slik sløsing med salve tena til?

<sup>5</sup> Salven kunne vore seld for meir enn tre hundre denarar og pengane gjevne til dei fattige.» Og dei tala strengt til henne.

<sup>6</sup>Men Jesus sa: «Lat henne vera! Kvifor plagar de henne? Ho har gjort ei god gjerning mot meg.

<sup>7</sup>Dei fattige har de alltid hos dykk, og dei kan de gjera vel imot når de vil, men meg har de ikkje alltid.

<sup>8</sup>Ho gjorde det ho kunne. Ho har på førehand salva kroppen min til gravferda.

<sup>9</sup>Sanneleg, eg seier dykk: Overalt i verda der evangeliet blir forkynt, skal det ho gjorde, bli fortalt til minne om henne.»

### **Judas byd seg til å svika Jesus**

(Matt 26,14–16; Luk 22,3–6)

<sup>10</sup>Judas Iskariot, ein av dei tolv, gjekk til overprestane og baud seg til å gje Jesus over til dei.

<sup>11</sup>Då dei høyrde det, vart dei glade og lova å gje han pengar. Og sidan leita han etter eit lagleg høve til å svika Jesus.

### **Det siste måltidet**

(Matt 26,17–25; Luk 22,7–14.21–23)

<sup>12</sup>Den første dagen i høgtida med usyra brød, den dagen dei slakta påskelammet, sa læresveinane til Jesus: «Kvar vil du vi skal gå og stella i stand så du kan halda påskemåltid?»

<sup>13</sup>Då sende han to av læresveinane sine i veg og sa til dei: «Gå inn i byen! Der kjem ein mann som ber ei krukke med vatn, til å møta dykk. Han skal de følgja,

<sup>14</sup>og der han går inn, skal de seia til han som eig huset: ‘Meisteren spør: Kvar er rommet der eg kan halda påskemåltid med læresveinane mine?’

<sup>15</sup>Då viser han dykk eit stort rom ovanpå, gjort i stand med teppe og puter. Der skal de stella til for oss.»

<sup>16</sup>Så gjekk læresveinane av stad. Dei kom inn i byen og fann det slik som han hadde sagt. Og dei gjorde i stand påskemåltidet.

<sup>17</sup>Då det vart kveld, kom Jesus med dei tolv.



<sup>18</sup> Medan dei var til bords og åt, sa han: «Sanneleg, eg seier dykk: Ein av dykk kjem til å svika meg – ein som et i lag med meg.»

<sup>19</sup>Då vart dei sorgfulle, og den eine etter den andre spurde han: «Det er vel ikkje eg?»

<sup>20</sup> Han svara: «Det er ein av dei tolv, ein som dyppar i fatet saman med meg.

<sup>21</sup>For Menneskesonen går bort, slik det står skrive om han. Men ve det mennesket som svik Menneskesonen! Det hadde vore betre for det mennesket om det aldri var fødd.»

### **Nattverden**

(Matt 26,26–29; Luk 22,15–20)

<sup>22</sup> Medan dei heldt måltid, tok han eit brød, takka og braut det, gav dei og sa: «Ta imot, dette er min kropp.»

<sup>23</sup>Og han tok eit beger, takka og gav dei, og dei drakk alle av det.

<sup>24</sup> Og han sa til dei: «Dette er mitt blod, paktblodet, som blir utrent for mange.

<sup>25</sup>Sanneleg, eg seier dykk: Aldri meir skal eg drikk frukta av vintreet før den dagen eg drikk henne ny i Guds rike.»

### **Jesus seier at Peter kjem til å fornekta han**

(Matt 26,30–35; Luk 22,31–34)

<sup>26</sup> Etter at dei hadde sunge lovsongen, gjekk dei ut til Oljeberget.

<sup>27</sup> Då seier Jesus til dei: «De kjem alle til å falla ifrå og venda dykk bort frå meg, for det står skrive: Eg skal slå gjetaren, og sauene skal spreiaast.

<sup>28</sup> Men når eg har stått opp att, skal eg gå føre dykk til Galilea.»

<sup>29</sup>Då sa Peter: «Om så alle vender seg bort frå deg – eg gjer det ikkje!»

<sup>30</sup> Jesus svara: «Sanneleg, eg seier deg: No i natt, før hanen gjel to gonger, skal du fornekta meg tre gonger.»

<sup>31</sup>Men Peter tok sterkare i og sa: «Om eg så må døy med deg, skal eg ikkje fornekta deg!» Det same sa dei alle.

### **I Getsemane**





(Matt 26,36–46; Luk 22,39–46)

**32** Då dei kom til ein stad som heiter Getsemane, sa Jesus til læresveinane: «Sit her medan eg bed!»

**33** Så tok han med seg Peter, Jakob og Johannes. Han vart gripen av angst og gru

**34** og sa til dei: «Mi sjel er sorgtyngd til døden. Ver her og vak!»

**35** Så gjekk han eit lite stykke fram, kasta seg til jorda og bad at denne timen måtte gå han forbi, om det var råd.

**36** «Abba, Far!» sa han. «Alt er mogleg for deg. Ta dette begeret frå meg! Men ikkje som eg vil, berre som du vil.»

**37** Då han kom tilbake, fann han dei sovande, og han sa til Peter: «Simon, søv du? Makta du ikkje å vaka ein einaste time?

**38** Vak og be at de ikkje må koma i freisting! Ånda er villig, men kjøtet er veikt.»

**39** Så gjekk han bort att og bad med dei same orda.

**40** Då han kom tilbake, såg han at dei hadde sovna til att, for auga deira var tunge av søvn. Og dei visste ikkje kva dei skulle svara han.

**41** Tredje gongen kom han til dei og sa: «Søv de framleis og kviler! No er det avgjort. Timen er komen. Menneskesonen skal gjevast over i syndarhender.

**42** Stå opp, lat oss gå! Svikaren er nær.»

### **Jesus blir teken til fange**

(Matt 26,47–56; Luk 22,47–53; Joh 18,2–11)

**43** I det same, før han hadde tala ut, kom Judas, ein av dei tolv, og med han ein flokk som var væpna med sverd og stokkar. Dei kom frå overprestane, dei skriftlærde og dei eldste.

**44** Svikaren hadde avtala eit teikn med dei: «Den eg kysser, han er det. Ta han og før han bort med sikker vakt.»

**45** Og då han kom, gjekk han straks bort til Jesus og sa: «Rabbi!» og kyste han.

<sup>46</sup>Så la dei hand på han og tok han til fange.

<sup>47</sup>Ein av dei som stod der, drog då sverdet, hogg etter tenaren til øvstepresten og sneidde øyret av han.

<sup>48</sup>Men Jesus sa til dei: «De kjem med sverd og stokkar og vil gripa meg, som om eg var ein røvar.

<sup>49</sup> Dag etter dag var eg hos dykk på tempelplassen og underviste. Då tok de meg ikkje. Men dette har hendt for at skriftene skulle oppfyllast.»

<sup>50</sup>Då forlét alle Jesus og rømde bort.

<sup>51</sup>Ein ung mann følgde etter Jesus; han hadde berre eit linklede om seg. Dei tok han,

<sup>52</sup>men han sleppte linkledet og rømde naken.

#### **Jesus for Det høge rådet**

(Matt 26,57–68; Luk 22,54–55.63–71; Joh 18,13–14.19–24)

<sup>53</sup>Så førte dei Jesus til øvstepresten, og der kom dei saman, alle overprestane, dei eldste og dei skriftlærde.

<sup>54</sup>Men Peter følgde etter Jesus, eit langt stykke unna, til han kom inn på gardsplassen hos øvstepresten. Der sette han seg mellom vaktmennene og vermde seg ved elden.

<sup>55</sup> Overprestane og heile Rådet prøvde å få fram vitneutsegner mot Jesus så dei kunne få dømt han til døden. Men dei fekk ikkje noko på han.

<sup>56</sup> Det var mange som vitna falskt mot han, men vitneutsegnene samsvara ikkje.

<sup>57</sup>Då stod det fram nokre som vitna falskt mot han og sa:

<sup>58</sup> «Vi har høyrte han seia: ‘Eg skal riva ned dette tempelet som er gjort med hender, og på tre dagar skal eg byggja opp eit anna som ikkje er gjort med hender.’»

<sup>59</sup>Men heller ikkje no var det samsvar mellom vitneforklaringane.

<sup>60</sup>Då reiste øvstepresten seg, steig fram og spurde Jesus: «Har du ikkje noko svar på skuldingane mot deg?»

<sup>61</sup> Men Jesus tagde og svara ikkje eitt ord. Atter spurde øvstepresten: «Er du Messias, Son til Den velsigna?»

<sup>62</sup> Jesus svara: «Det er eg. Og de skal få sjå Menneskesonen sitja ved høgre handa til Den mektige og koma med himmelskyene.»

<sup>63</sup> Då reiv øvstepresten sund kappa si og sa: «Kva skal vi med fleire vitne?

<sup>64</sup> De har høyrte korleis han spottar Gud. Kva meiner de?» Alle felte den dommen at han var skuldig til å døy.

<sup>65</sup>Då tok somme til å spytta på han, og dei batt for auga hans, slo han med nevane og sa: «No kan du vera profet!» Og vaktmennene gjekk laus på han med piskeslag.

### **Peter fornektar Jesus**

(Matt 26,69–75; Luk 22,56–62; Joh 18,15–18.25–27)

<sup>66</sup>Medan Peter var nede på gardsplassen, kom ei av tenestejentene hos øvstepresten.

<sup>67</sup>Då ho såg Peter som sat og vermdde seg, stirte ho på han og sa: «Du òg var med denne Jesus frå Nasaret.»

<sup>68</sup> Men han nekta. «Eg skjønar ikkje og forstår ikkje kva du snakkar om», sa han og gjekk ut i portrommet. {{Då gol hanen.}}

<sup>69</sup>Men jenta fekk auge på han att, og sa igjen til dei som stod omkring: «Han der er ein av dei.»

<sup>70</sup>Men han nekta på nytt. Litt etter sa dei som stod der, til Peter: «Jo visst er du ein av dei! Du er då galilear.»

<sup>71</sup>Men han sette i og banna og svor: «Eg kjenner ikkje denne mannen de snakkar om.»

<sup>72</sup> Straks gol hanen andre gongen. Då kom Peter i hug det Jesus hadde sagt til han: «Før hanen gjel to gonger, skal du fornektar meg tre gonger.» Og han brast i gråt.

## Markus 15

### Jesus for Pilatus

(Matt 27,1–2.11–26; Luk 23,1–5.13–25; Joh 18,33–40; 19,6–16)

<sup>1</sup> Med det same morgonen rann, og overprestane med dei eldste og dei skriftlærde, altså heile Rådet, hadde samrådd seg, tok dei si avgjerd. Dei batt Jesus, førte han bort og gav han over til Pilatus.

<sup>2</sup> Pilatus spurde han: «Er du kongen over jødane?» «Du seier det», svara Jesus.

<sup>3</sup> Overprestane kom no med mange skuldingar mot han.

<sup>4</sup> Då spurde Pilatus han på nytt: «Svarar du ikkje? Høyr alt det dei skuldar deg for.»

<sup>5</sup> Men Jesus svara ikkje eitt ord, og Pilatus undra seg.

<sup>6</sup> Kvar høgtid gav Pilatus dei ein fange fri, den folket bad om.

<sup>7</sup> Ein som vart kalla Barabbas, sat fengsla saman med nokre andre opprørarar som hadde drepe ein mann medan opprøret stod på.

<sup>8</sup> Folket møtte fram og tok til å be Pilatus gjera som han hadde for vane.

<sup>9</sup> Han svara: «Vil de at eg skal gje dykk jødekongen fri?»

<sup>10</sup> For han skjønna at det var av misunning overprestane hadde gjeve Jesus over til han.

<sup>11</sup> Men overprestane eggja opp folket til å be om at han heller skulle gje dei Barabbas fri.

<sup>12</sup> Då tok Pilatus til orde att og sa: «Kva vil de då at eg skal gjera med han som de kallar kongen over jødane?»

<sup>13</sup> «Krossfest han!» skreik dei tilbake.

<sup>14</sup> «Kva vondt har han så gjort?» spurde Pilatus. Men dei skreik berre endå høgare: «Krossfest han!»

<sup>15</sup> Pilatus ville gjerne gjera folkemengda til lags. Han gav dei Barabbas fri, men lét Jesus bli piska og gav han så over til krossfesting.

### Soldatane spottar Jesus



(Matt 27,27–31; Joh 19,2–3)

**16** Soldatane førte no Jesus inn i borggarden i det som blir kalla pretoriet, og samla heile vaktstyrken.

**17** Dei kledde han i ei purpurkappe og fletta ei tornekrone og sette på hovudet hans.

**18** Så tok dei til å ropa: «Ver helsa, du konge over jødane!»

**19** Dei slo han i hovudet med ein stokk, spytta på han og la seg på kne og hylla han.

**20** Då dei hadde hånt han, tok dei av han purpurkappa og lét han få att sine eigne klede.

### **Jesus blir krossfest**

(Matt 27,32–44; Luk 23,26–43; Joh 19,17–27)

Så førte dei Jesus ut for å krossfesta han.

**21** Og dei tvinga ein mann som gjekk forbi, til å bera krossen hans; det var Simon frå Kyréne, far til Aleksander og Rufus, han var på veg inn frå markene.

**22** Dei førte Jesus til den staden som heiter Golgata – det tyder Hovudskallestaden.

**23** Der baud dei han vin med myrra i, men han ville ikkje ha det.

**24** Så krossfeste dei han. Kleda hans delte dei mellom seg ved å kasta loddom kva plagg kvar av dei skulle ha.

**25** Det var omkring den tredje timen dei krossfeste han.

**26** Og innskrifta med skuldinga mot han lydte: «Kongen over jødane».

**27** Saman med Jesus krossfeste dei to røvarar, ein på høgre og ein på venstre sida hans.

**28** {{Såleis vart det oppfylt, det skriftordet som seier: Og han vart rekna blant lovbrytarar.}}

<sup>29</sup> Dei som gjekk forbi, spotta han, riste på hovudet og sa: «Sjå no, du som riv ned tempelet og byggjer det opp att på tre dagar!

<sup>30</sup>Frels deg sjølv og stig ned frå krossen!»

<sup>31</sup>Like eins hånte overprestane og dei skriftlærde han og sa seg imellom: «Andre har han frelst, men seg sjølv kan han ikkje frelsa!

<sup>32</sup>Lat no Messias, Israels konge, stiga ned frå krossen, så vi kan sjå og tru!» Dei som var krossfeste saman med Jesus, spotta han, dei òg.

### **Jesus dør**

(Matt 27,45–56; Luk 23,44–49; Joh 19,28–30)

<sup>33</sup> Då den sjette timen kom, vart det mørkt i heile landet, og mørkret varte til den niande timen.

<sup>34</sup> Ved den niande timen ropa Jesus med høg røyst: «Eloï, Eloï, lemá sabaktáni?» Det tyder: «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?»

<sup>35</sup>Nokre av dei som stod der, hørde det og sa: «Høyr, han ropar på Elia.»

<sup>36</sup> Då sprang det ein fram og fylte ein svamp med vineddik, sette han på ei stong og ville la Jesus få drikka. «Vent», sa han, «lat oss sjå om Elia kjem og tek han ned.»

<sup>37</sup>Men Jesus ropa høgt og anda ut.

<sup>38</sup> Då rivna forhenget i tempelet i to, ovanfrå og heilt ned.

<sup>39</sup>Og då offiseren som stod midt framfor Jesus, såg korleis han anda ut, sa han: «Denne mannen var verkeleg Guds Son!»

<sup>40</sup> Det var òg nokre kvinner der som stod langt unna og såg på. Mellom dei var Maria Magdalena, Salome og Maria, mor til Jakob den yngre og Joses.

<sup>41</sup>Dei hadde følgt Jesus og tent han då han var i Galilea. Det stod òg mange andre kvinner der, som hadde vore med han opp til Jerusalem.

### **Jesus blir gravlagd**

(Matt 27,57–61; Luk 23,50–56; Joh 19,38–42)

<sup>42</sup> Det var førebuingdagen, som er dagen før sabbaten, og det leid alt mot kveld.

<sup>43</sup>Josef frå Arimatea, ein høgt akta rådsherre som sjølv venta på Guds rike, tok då mot til seg og gjekk til Pilatus og bad om å få Jesu kropp.

<sup>44</sup>Pilatus undra seg over at Jesus alt var død. Han kalla til seg offiseren og spurde om han hadde vore død lenge.

<sup>45</sup>Då han fekk dette stadfest av offiseren, lét Pilatus Josef få liket.

<sup>46</sup>Josef kjøpte eit linklede, tok Jesus ned og sveipte han i det. Han la han i ei grav som var hoggen ut i bergveggen, og rulla ein stein framfor gravopninga.

<sup>47</sup>Maria Magdalena og Maria, mor til Joses, såg kvar han vart lagd.

## Markus 16

### Jesus står opp

(Matt 28,1–10; Luk 24,1–12; Joh 20,1–10)

<sup>1</sup>Då sabbaten var til ende, kjøpte Maria Magdalena og Maria, mor til Jakob, og Salome angande olje, for dei ville gå og salva han.

<sup>2</sup>Tidleg om morgonen første dagen i veka kom dei til grava med det same sola rann.

<sup>3</sup>Dei sa seg imellom: «Kven skal vi få til å rulla steinen frå gravopninga?»

<sup>4</sup>Men då dei såg opp, fekk dei sjå at steinen var rulla til sides. Han var svært stor.

<sup>5</sup>Då dei kom inn i grava, såg dei ein ung mann som sat på høgre sida, kledd i ein lang, kvit kjortel. Dei vart gripne av otte og undring,

<sup>6</sup>men han sa til dei: «Ver ikkje redde! De leitar etter Jesus frå Nasaret, den krossfeste. Han er stått opp, han er ikkje her. Sjå her er staden der dei la han!

<sup>7</sup>Men gå av stad og sei til læresveinane hans og til Peter: ‘Han går føre dykk til Galilea. Der skal de få sjå han, slik han har sagt dykk.’»

<sup>8</sup>Då gjekk dei ut att og rømde frå grava, skjelvande og frå seg av redsle. Og dei sa ikkje eit ord til nokon, for dei var redde.

### Jesus syner seg for læresveinane

(Joh 20,11–18)

<sup>9</sup> {{Då Jesus hadde stått opp att, tidleg den første dagen i veka, synte han seg først for Maria Magdalena, som han hadde drive sju vonde ånder ut av.

<sup>10</sup> Ho gjekk av stad og fortalde det til dei som hadde vore med han, og som no sørgde og gret.

<sup>11</sup> Men då dei fekk høyra at han levde, og at ho hadde sett han, trudde dei det ikkje.

<sup>12</sup> Sidan synte han seg i ein annan skapnad for to av dei medan dei var på veg ut på landet.

<sup>13</sup> Dei òg kom og sa det til dei andre, men dei vart heller ikkje trudde.

<sup>14</sup> Til sist synte han seg for dei elleve medan dei var til bords. Han refsa dei fordi dei var så vantru og hardhjarta, og fordi dei ikkje trudde på dei som hadde sett at han var stått opp.

#### **Oppgåva til læresveinane**

(Matt 28,18–20; Luk 24,47–48)

<sup>15</sup> Han sa til dei: «Gå ut i all verda og forkynn evangeliet for alt som Gud har skapt!

<sup>16</sup> Den som trur og blir døypt, skal bli frelst. Men den som ikkje trur, skal bli fordømd.

<sup>17</sup> Og desse teikna skal følgja dei som trur: I mitt namn skal dei driva ut vonde ånder, dei skal tala nye tungemål,

<sup>18</sup> dei skal ta ormar i hendene, og om dei drikk dødeleg gift, skal det ikkje skada dei. Dei skal leggja hendene på sjuke så dei blir friske.»

#### **Jesus blir teken opp til himmelen**

(Apg 1,9)

<sup>19</sup> Etter at Herren Jesus hadde sagt dette til dei, vart han teken opp til himmelen og sette seg ved Guds høgre hand.

<sup>20</sup> Men dei gjekk ut og forkynte alle stader. Herren sjølv var hos dei og stadfeste Ordet med dei teikna som følgde med.}}



## Lukas

### Lukas 1

#### Føreordet frå evangelisten

<sup>1</sup> Mange har alt prøvd å gje ei framstilling av det som har vorte oppfylt blant oss,

<sup>2</sup> slik vi har fått det overlevert av dei som frå første stund var augnevitne og tenarar for Ordet.

<sup>3</sup> No har eg òg sett meg føre å skriva det ned for deg i samanheng, vørde Teofilos, etter å ha granska alt vel frå først av,

<sup>4</sup> så du kan sjå at det er påliteleg, det du er opplært i.

#### Barndomen til døyparen Johannes og Jesus

(1,5–2,40)

#### Døyparen Johannes skal bli fødd

<sup>5</sup> I dei dagane då Herodes var konge i Judea, var det i Abias vaktskift ein prest som heitte Sakarja. Kona hans var òg av Aronsætta og heitte Elisabet.

<sup>6</sup> Begge var rettferdige for Gud og levde uklanderleg etter alle Herrens bod og forskrifter.

<sup>7</sup> Dei var barnlause, for Elisabet kunne ikkje få born, og no var dei begge langt oppi åra.

<sup>8</sup> Ein dag gjorde Sakarja presteteneste for Gud, for turen var komen til hans vaktskift.

<sup>9</sup> Dei kasta lodd, som skikken var blant prestane, og det fall på Sakarja å gå inn i Herrens tempel og brenna røykjelse på altaret.

<sup>10</sup> Medan offeret vart bore fram, stod heile folkemengda utanfor og bad.

<sup>11</sup> Då synte ein Herrens engel seg for han på høgre sida av røykjelsesaltaret.

<sup>12</sup> Sakarja vart slegen av redsle då han såg dette.

<sup>13</sup> Men engelen sa til han: «Ver ikkje redd, Sakarja! Bøna di har vorte høyrd. Elisabet, kona di, skal føda deg ein son, og du skal gje han namnet Johannes.

<sup>14</sup>Han skal bli til glede og fryd for deg, og mange skal gleda seg fordi han er fødd.

<sup>15</sup> For han skal vera stor i Herrens auge. Han skal ikkje drikka vin og sterk drikk, og heilt frå mors liv skal han vera fylt av Den heilage ande.

<sup>16</sup>Han skal få mange i Israel til å venda om til Herren, deira Gud.

<sup>17</sup> Han skal gå føre Herren med same ånd og kraft som Elia hadde, for å venda fedrehjarta til borna og gje ulydige det sinn som rettferdige har, for å gjera i stand for Herren eit folk som er vel førebudd.»

<sup>18</sup> Då sa Sakarja til engelen: «Korleis kan eg vita om dette er sant? Eg er ein gammal mann, og kona mi er òg langt oppi åra.»

<sup>19</sup> Engelen svara: «Eg er Gabriel, som står for Guds andlet. Eg er send for å tala til deg og bera fram denne gode bodskapen.

<sup>20</sup>No skal du bli stum og ikkje kunna tala før den dagen dette hender. For du trudde ikkje orda mine. Men det eg har sagt, skal oppfyllest i si tid.»

<sup>21</sup>Imedan stod folket og venta på Sakarja og undra seg over at han vart verande så lenge i tempelet.

<sup>22</sup>Men då han kom ut, kunne han ikkje tala med dei. Dei skjønna at han hadde hatt eit syn i tempelet. Han gjorde berre teikn til dei; han var og vart verande stum.

<sup>23</sup>Då tenestetida hans var ute, fór han heim att.

<sup>24</sup>Ei tid etter vart Elisabet, kona hans, med barn, og ho heldt seg borte frå folk i fem månader.

<sup>25</sup> «Dette har Herren gjort for meg», sa ho. «No har han sett til meg og teke bort mi vanære blant folk.»

### **Bodskapen til Maria**

<sup>26</sup>Men då Elisabet var i sjette månaden, vart engelen Gabriel send frå Gud til ein by i Galilea som heitte Nasaret,

<sup>27</sup> til ei jomfru som var lova bort til Josef, ein mann av Davids ætt. Namnet hennar var Maria.

<sup>28</sup>Engelen kom inn til henne og sa: «Ver helsa, du som har fått nåde! Herren er med deg!»

<sup>29</sup>Ved desse orda vart ho forskrekka og undrast på kva denne helsinga skulle tyda.

<sup>30</sup>Men engelen sa til henne: «Ver ikkje redd, Maria! For du har funne nåde hos Gud.

<sup>31</sup> Høyr! Du skal bli med barn og få ein son, og du skal gje han namnet Jesus.

<sup>32</sup> Han skal vera stor og kallast Son til Den høgste. Herren Gud skal gje han kongsstolen til David, far hans.

<sup>33</sup> Han skal vera konge over Jakobs hus til evig tid, og det skal ikkje vera ende på kongedømet hans.»

<sup>34</sup>Maria sa til engelen: «Korleis skal dette gå til når eg ikkje har vore saman med nokon mann?»

<sup>35</sup> Engelen svara: «Den heilage ande skal koma over deg, og krafta frå Den høgste skal skyggja over deg. Difor skal òg barnet som blir fødd, vera heilagt og kallast Guds Son.

<sup>36</sup>Og høyr: Elisabet, slektingen din, ventar ein son, ho òg, på sine gamle dagar. Ho som dei sa ikkje kunne få born, er alt i sjette månaden.

<sup>37</sup>For ingen ting er umogleg for Gud.»

<sup>38</sup>Då sa Maria: «Sjå, eg er Herrens tenestekvinne. Lat det gå meg som du har sagt.» Så forlét engelen henne.

### **Maria og Elisabet**

<sup>39</sup>Nokre dagar etter drog Maria av stad og skunda seg opp i fjellbygdene, til den byen i Juda

<sup>40</sup>der Sakarja budde. Der gjekk ho inn til Elisabet og helsa på henne.

<sup>41</sup>Då Elisabet høyrde helsinga frå Maria, sparka barnet i magen hennar. Ho vart fylt av Den heilage ande

<sup>42</sup> og ropa høgt: «Velsigna er du mellom kvinner, og velsigna er frukta i ditt morsliv.

<sup>43</sup>Korleis kunne det henda meg at mor til Herren min kjem til meg?

<sup>44</sup>For då lyden av helsinga di nådde øyret mitt, sparka barnet i magen min av fryd.

<sup>45</sup>Ja, sæl er ho som trudde, for det Herren har sagt til henne, skal oppfyllest.»

<sup>46</sup> Då sa Maria:

### **Marias lovsong**

«Mi sjel høglovar Herren,

<sup>47</sup> og mi ånd frydar seg i Gud, min frelsar.

<sup>48</sup> For han har sett til si tenestekvinne i hennar fattigdom. Og sjå, frå no av skal alle slekter prisa meg sæl,

<sup>49</sup> for store ting har han gjort mot meg, han, den mektige; heilagt er hans namn.

<sup>50</sup> Frå slekt til slekt varer hans miskunn over dei som ottast han.

<sup>51</sup> Han gjorde storverk med sin sterke arm; han spreidde dei som bar hovmodstankar i hjartet.

<sup>52</sup> Han støytt stormenn ned frå trona og lyfte opp dei låge.

<sup>53</sup> Han metta dei svoltne med gode gåver, men sende dei rike tomhendte frå seg.

<sup>54</sup> Han tok seg av Israel, sin tenar, og kom i hug si miskunn

<sup>55</sup>slik han lova våre fedrar, Abraham og hans ætt, til evig tid.»

<sup>56</sup>Maria vart verande hos Elisabet i om lag tre månader; så reiste ho heim att.

### **Johannes blir fødd**

<sup>57</sup>Så kom tida då Elisabet skulle ha barn, og ho fødde ein son.

<sup>58</sup>Naboane og slektningane hennar fekk høyra at Herren hadde vist henne stor miskunn, og dei gledde seg med henne.

<sup>59</sup> Den åttande dagen kom dei og skulle omskjera guten. Dei ville kalla han Sakarja etter faren,

<sup>60</sup> men mora sa: «Nei, han skal heita Johannes.»

<sup>61</sup>«Det er då ingen i slekta di som har det namnet», svara dei.

<sup>62</sup>Så gjorde dei teikn til faren for å få vita kva han ville at guten skulle heita.

<sup>63</sup>Han bad om ei tavle og skreiv: «Johannes er namnet hans.» Alle undra seg,

<sup>64</sup>men i det same vart munnen hans opna og tunga løyst. Han tala og prisa Gud.

<sup>65</sup>Då kom ei redsle over alle dei som budde der omkring, og rundt i alle fjellbygdene i Judea snakka folk om det som hadde hendt.

<sup>66</sup> Alle som hørde det, tok det til hjartet og spurde: «Kva skal det vel bli av dette barnet?» Og Herrens hand var med han.

<sup>67</sup>Sakarja, far hans, vart fylt av Den heilage ande. Han tala profetisk og sa:

#### **Sakarjas lovsong**

<sup>68</sup> «Velsigna er Herren, Israels Gud, for han såg til sitt folk og har løyst det.

<sup>69</sup> Han har reist for oss eit horn til frelse i sin tenar Davids hus,

<sup>70</sup> så som han lova frå gammal tid ved munnen til sine heilage profetar:

<sup>71</sup> å frelsa oss frå våre fiendar og frå handa åt alle dei som hatar oss.

<sup>72</sup> Han viste miskunn mot våre fedrar og kom i hug den heilage pakta,

<sup>73</sup> den eid han gav som lovnad til Abraham, vår far,

<sup>74</sup>så vi, frelste frå fiendehand og utan otte, kan tena han for hans andlet

<sup>75</sup>i reinleik og rettferd alle våre dagar.

<sup>76</sup> Og du, barn, skal kallast profet for Den høgste, for du skal gå fram føre Herren og rydda hans vegar

- <sup>77</sup> og læra folket hans å kjenna frelsa når deira synder blir tilgjevne,  
<sup>78</sup> for vår Gud er rik på miskunn. Slik skal lyset frå det høge gjestastova oss som  
ein soloppgang  
<sup>79</sup> og skina for dei som bur i mørker og dødens skugge, og styra våre føter inn  
på fredens veg.»  
<sup>80</sup> Og guten voks og vart sterk i ånda. Han heldt seg i øydemarkane til den  
dagen han skulle stiga fram for Israel.

## Lukas 2

### Jesus blir fødd

(Matt 1,18–25)

- <sup>1</sup>I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over  
heile verda.  
<sup>2</sup> Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var  
landshovding i Syria.  
<sup>3</sup> Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.  
<sup>4</sup> Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til  
Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørde til Davids hus og ætt  
<sup>5</sup> og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho  
venta då barn.  
<sup>6</sup> Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda,  
<sup>7</sup> og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for  
det var ikkje husrom for dei.  
<sup>8</sup> Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt  
over flokken sin om natta.  
<sup>9</sup> Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste  
kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle.

<sup>10</sup>Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket:

<sup>11</sup> I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren.

<sup>12</sup>Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.»

<sup>13</sup>Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

<sup>14</sup> «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

<sup>15</sup>Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.»

<sup>16</sup>Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba.

<sup>17</sup>Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet.

<sup>18</sup>Alle som hørde på, undra seg over det gjetarane fortalde.

<sup>19</sup> Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det.

<sup>20</sup>Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.

#### **Jesus får namn**

<sup>21</sup> Då åtte dagar var gått og han skulle omskerast, kalla dei han Jesus. Det var det namnet engelen hadde gjeve han før han var komen i mors liv.

#### **Jesus blir boren fram i tempelet**

<sup>22</sup> Då reinsingstida som Moselova påla dei, var til ende, tok dei han med seg opp til Jerusalem. Dei ville bera han fram for Herren.

<sup>23</sup> For det står skrivi i Herrens lov: Alt av hannkjønn som opnar morslivet, skal helgast til Herren.

<sup>24</sup> Dei ville òg bera fram det offeret som er fastsett i Herrens lov: eit par turtelduer eller to dueungar.

<sup>25</sup> I Jerusalem var det då ein mann som heitte Simeon; han var ein rettviss og gudfryktig mann som venta på Israels trøyst. Den heilage ande var over han,

<sup>26</sup> og Anden hadde late han få vita at han ikkje skulle sjå døden før han hadde sett han som Herren har salva.

<sup>27</sup> No kom han opp til tempelet, driven av Anden. Og då foreldra kom med Jesusbarnet for å gjera med han som skikk og bruk var etter lova,

<sup>28</sup> tok Simeon barnet i armane sine. Han lova Gud og sa:

### Simeons lovsong

<sup>29</sup> «Herre, no lèt du tenaren din fara herifrå i fred, slik som du har lova.

<sup>30</sup> For mine auge har sett di frelse,

<sup>31</sup> som du har gjort i stand like for andletet på alle folk,

<sup>32</sup> eit lys til openberring for heidningane og til ære for folket ditt, Israel.»

<sup>33</sup> Far hans og mor hans undra seg over det som vart sagt om han.

<sup>34</sup> Og Simeon velsigna dei og sa til Maria, mor hans: «Sjå, han er sett til fall og oppreising for mange i Israel og til eit teikn som blir motsagt

<sup>35</sup> – ja, òg gjennom di eiga sjel skal det gå eit sverd. Slik skal dei tankane mange ber i hjartet, koma fram i dagen.»

<sup>36</sup> Det var ei profetkvinne der, Anna, dotter til Fanuel, av Asjer-stammen. Ho var langt oppi åra. I ungdomen var ho gift i sju år,

<sup>37</sup> og sidan hadde ho vore enkje; ho var no åttifire år. Ho var aldri borte frå tempelet, men tente Gud i faste og bøn natt og dag.

<sup>38</sup> I denne stunda kom ho fram og lova Gud, og ho fortalde om barnet til alle som venta på fridom for Jerusalem.

<sup>39</sup> Då dei hadde gjort alt som var føreskrive i Herrens lov, fór dei attende til Galilea, til heimbyen Nasaret.



**40** Og guten voks og vart sterk. Han vart fylt av visdom, og Guds nåde var over han.

### **Jesus som tolvåring i tempelet**

**41** Kwart år fór Jesu foreldre til Jerusalem i påskehøgtida.

**42** Og då han var tolv år, drog dei som vanleg dit opp til høgtida.

**43** Men då høgtidsdagane var til ende og dei skulle fara heim, vart guten Jesus verande att i Jerusalem, og foreldra hans la ikkje merke til det.

**44** Dei tenkte han var med i følgjet, og fór ei dagsreise fram før dei tok til å leita etter han mellom slektningar og kjenningar.

**45** Sidan dei ikkje fann han, fór dei attende til Jerusalem og leita etter han der.

**46** Men først etter tre dagar fann dei han i tempelet. Der sat han midt blant lærarane og lydde på dei og stilte spørsmål.

**47** Og alle som hørde på han, undra seg over kor klok han var og kor godt han svara.

**48** Då foreldra fekk sjå han, vart dei slegne av undring, og mor hans sa: «Kvifor har du gjort dette mot oss, barnet mitt? Far din og eg har leita etter deg og vore så redde.»

**49** Men han svara: «Kvifor leita de etter meg? Visste de ikkje at eg må vera i huset åt Far min?»

**50** Men dei skjøna ikkje kva han meinte med dette.

**51** Så vart han med dei heim til Nasaret og var lydig mot dei. Men mor hans gøymde alt dette i hjartet sitt.

**52** Og Jesus gjekk fram i alder og visdom og var til glede for Gud og menneske.

## **Lukas 3**

### **Førebuinga til Jesu gjerning**

(3, 1–4, 13)

#### **Døyparen Johannes står fram**

(Matt 3,1–12; Mark 1,2–8)

<sup>1</sup> Det var i det femtande styringsåret til keisar Tiberius. Pontius Pilatus var landshovding i Judea, Herodes var landsfyrste i Galilea, Filip, bror hans, i Iturea og Trakonitis, Lysanias i Abilene,

<sup>2</sup> og Annas og Kaifas var øvsteprestar. Då kom Guds ord til Johannes, son til Sakarja, i øydemarka.

<sup>3</sup> Og han drog omkring i heile Jordan-landet og forkynte ein omvendingsdåp som gav tilgjeving for syndene,

<sup>4</sup> slik som det står skrive i boka med profeten Jesajas ord: Ei røyst ropar i øydemarka: Rydd Herrens veg, gjer stigane hans rette!

<sup>5</sup> Kvar dal skal fyllast, kvart fjell og kvar haug skal jamnast ut. Dei krokete vegane skal bli rette, dei steinete stigane bli slette.

<sup>6</sup> Og alle menneske skal sjå Guds frelse.

<sup>7</sup> I flokk og følgje drog folk ut for å bli døypte av Johannes, og han sa til dei: «Ormeynge! Kven har lært dykk korleis de skal sleppa unna den vreiden som skal koma?

<sup>8</sup> Så ber då frukt som viser at de er omvende! Prøv ikkje å seia til dykk sjølve: 'Vi har Abraham til far.' For eg seier dykk: Gud kan vekkja opp born for Abraham av desse steinane.

<sup>9</sup> Øksa ligg alt innmed rota på trea; kvart tre som ikkje ber god frukt, blir hogge ned og kasta på elden.»

<sup>10</sup> «Kva skal vi då gjera?» spurde folket.

<sup>11</sup> Han svara: «Den som har to kjortlar, skal dela med den som ingen har, og den som har mat, skal gjera det same.»

<sup>12</sup> Det kom òg nokre tollarar og ville bli døypte. Dei spurde: «Meister, kva skal vi gjera?»

<sup>13</sup> «Krev ikkje inn meir enn det som er fastsett», svara han.

<sup>14</sup>«Og vi, kva skal vi gjera?» spurde nokre soldatar. Han svara: «Truga ikkje pengar frå nokon med vald eller falske skuldingar, men ver fornøgde med løna dykkar.»

<sup>15</sup> Folket gjekk no i venting, og alle tenkte i sitt hjarte: Tru om Johannes kan vera Messias?

<sup>16</sup> Då tok han til orde og sa til dei alle: «Eg døyper dykk med vatn. Men det kjem ein som er sterkare enn eg, og eg er ikkje eingong verdig til å løysa sandalreima hans. Han skal døypa dykk med Den heilage ande og eld.

<sup>17</sup> Han har kasteskovla i handa for å reinsa kornet på treskjeplassen. Kveiten skal han samla i låven sin, men agnene skal han brenna med eld som aldri sloknar.»

<sup>18</sup> Dette og mykje anna la han folket på hjartet når han forkynte bodskapen for dei.

<sup>19</sup> Men då han refsa landsfyrsten Herodes fordi han levde med Herodias, brorkona si, og gjorde mykje anna vondt,

<sup>20</sup> la Herodes ei ny ugjerning til alle dei andre: Han kasta Johannes i fengsel.

### **Jesus blir døypt**

(Matt 3,13–17; Mark 1,9–11; Joh 1,32–34)

<sup>21</sup> Alt folket lét seg no døypa, og Jesus vart òg døypt. Medan han bad, opna himmelen seg,

<sup>22</sup> og Den heilage ande dala ned over han i skapnad av ei due. Og det kom ei røyst frå himmelen: «Du er Son min, som eg elskar, i deg har eg mi glede.»

### **Jesu ættetavle**

(Matt 1,1–17)

<sup>23</sup> Jesus var omkring tretti år gammal då han tok til med si gjerning. Han vart halden for å vera son til Josef, som var son til Eli,

<sup>24</sup> son til Mattat, son til Levi, son til Melki, son til Jannai, son til Josef,

<sup>25</sup> son til Mattatja, son til Amos, son til Nahum, son til Esli, son til Naggai,

<sup>26</sup> son til Maat, son til Mattatja, son til Sjimi, son til Josek, son til Joda,

- <sup>27</sup>son til Johanan, son til Resa, son til Serubabel, son til Sjealtiel, son til Neri,  
<sup>28</sup>son til Melki, son til Addi, son til Kosam, son til Elmadam, son til Er,  
<sup>29</sup>son til Josva, son til Elieser, son til Jorim, son til Mattat, son til Levi,  
<sup>30</sup>son til Simeon, son til Juda, son til Josef, son til Jonam, son til Eljakim,  
<sup>31</sup>son til Melea, son til Menna, son til Mattata, son til Natan, son til David,  
<sup>32</sup> son til Isai, son til Obed, son til Boas, son til Salma, son til Nahsjon,  
<sup>33</sup>son til Amminadab, son til Admin, son til Arni, son til Hesron, son til Peres,  
son til Juda,  
<sup>34</sup> son til Jakob, son til Isak, son til Abraham, son til Tarah, son til Nahor,  
<sup>35</sup>son til Serug, son til Re'u, son til Peleg, son til Eber, son til Sjelah,  
<sup>36</sup>son til Kenan, son til Arpaksjad, son til Sem, son til Noah, son til Lamek,  
<sup>37</sup> son til Metusjalah, son til Henok, son til Jared, son til Mahalalel, son til  
Kenan,  
<sup>38</sup> son til Enosj, son til Set, son til Adam, son til Gud.

## Lukas 4

### Jesus blir freista

(Matt 4,1–11; Mark 1,12–13)

- <sup>1</sup>Fylt av Den heilage ande kom Jesus tilbake frå Jordan. Og Anden førte han omkring i førti dagar i øydemarka,  
<sup>2</sup> der han vart freista av djevelen. I dei dagane åt han ingenting, og då dagane var til ende, tok svolten han.  
<sup>3</sup>Då sa djevelen til han: «Er du Guds Son, så sei til denne steinen at han skal bli til brød.»  
<sup>4</sup>Men Jesus svara: «Det står skrive: Mennesket lever ikkje berre av brød.»  
<sup>5</sup>Då førte djevelen han høgt opp og synte han i ein augneblink alle rika i verda

<sup>6</sup>og sa: «Eg vil gje deg all denne makta og herlegdomen. For makta er lagd i mi hand, og eg gjev henne til kven eg vil.

<sup>7</sup>Fell du no ned og tilbed meg, skal det vera ditt alt saman.»

<sup>8</sup>Då svara Jesus: «Det står skrive: Herren din Gud skal du tilbe, han og ingen annan skal du tena.»

<sup>9</sup>Så tok djevelen han med seg til Jerusalem, sette han ytst på tempelmuren og sa: «Er du Guds Son, så kast deg ned herifrå.

<sup>10</sup> For det står skrive: Han skal gje englane sine påbod om å verna deg.

<sup>11</sup>Og: Dei skal bera deg på hendene så du ikkje støyter foten på nokon stein.»

<sup>12</sup> Men Jesus svara: «Det er sagt: Du skal ikkje setja Herren din Gud på prøve.»

<sup>13</sup> Då djevelen slik hadde freista han på alle vis, heldt han seg borte frå Jesus ei tid.

### **Jesus i synagogen i Nasaret**

(Matt 4,12–17; 13,53–58; Mark 1,14–15; 6,1–6)

<sup>14</sup> I Andens kraft vende Jesus attende til Galilea. Og ordet om han spreidde seg i alle bygdene der omkring.

<sup>15</sup> Han underviste i synagogane, og alle tala vel om han.

<sup>16</sup> Han kom òg til Nasaret, der han var oppvaksen, og på sabbaten gjekk han inn i synagogen, som han brukte å gjera. Han reiste seg for å lesa frå Skrifta,

<sup>17</sup>og dei gav han boka til profeten Jesaja. Han opna bokrullen og fann den staden der det står:

<sup>18</sup> Herrens Ande er over meg, for han har salva meg til å forkynna ein god bodskap for fattige. Han har sendt meg for å ropa ut at fangar skal få fridom og at blinde skal få sjå, for å setja undertrykte fri

<sup>19</sup>og ropa ut eit nådeår frå Herren.

<sup>20</sup>Så rulla han bokrullen saman, gav han til synagogetenaren og sette seg. Og alle som var i synagogen, heldt auga feste på han.

<sup>21</sup>Då tala han til dei og byrja slik: «I dag vart dette skriftordet oppfylt medan de hørde på.»

<sup>22</sup> Alle tala vel om han og undra seg over nådeorda som kom frå hans munn. «Er ikkje dette son til Josef?» spurde dei.

<sup>23</sup>Då sa Jesus til dei: «De kjem sikkert til å minna meg om ordtaket: ‘Lege, læk deg sjølv!’ og seia: ‘Vi har høyrte om alt du har gjort i Kapernaum. Gjer no det same på heimstaden din!’»

<sup>24</sup> Og han heldt fram: «Sanneleg, eg seier dykk: Ingen profet er velkomen på heimstaden sin.

<sup>25</sup> Ja, eg seier dykk som sant er: Det var mange enkjer i Israel i dei dagane då Elia levde, då himmelen var stengd i tre år og seks månader og det vart ei stor hungersnaud i heile landet.

<sup>26</sup> Likevel vart ikkje Elia send til nokon av dei, berre til ei enkje i Sarepta i Sidon-landet.

<sup>27</sup> Og det var mange med hudsjukdom i Israel den tid profeten Elisja levde, men ingen av dei vart reine att, berre syraren Naaman.»

<sup>28</sup> Då vart dei brennande harme, alle som var i synagogen og hørde dette.

<sup>29</sup> Dei fór opp og jaga han ut av byen, mot ein skrent i åssida der byen deira låg. Der ville dei støyta han utfor.

<sup>30</sup> Men han gjekk midt igjennom flokken og bort derifrå.

### **Ein dag i Kapernaum** (Matt 8,14–17; Mark 1,21–39)

<sup>31</sup> Så tok Jesus vegen ned til Kapernaum, ein by i Galilea. Han underviste dei på sabbaten,

<sup>32</sup> og dei var slegne av undring over læra hans, for han tala med makt og mynde.

<sup>33</sup> I synagogen var det ein mann som hadde ei vond og urein ånd. Han sette i å ropa av all kraft:

**34** «Kva vil du oss, Jesus frå Nasaret? Er du komen for å øydeleggja oss? Eg veit kven du er: Guds Heilage!»

**35** Men Jesus truga ånda og sa: «Tei still og far ut av han!» Den vonde ånda kasta mannen ned midt blant dei og fór ut av han, men skadde han ikkje.

**36** Då kom det otte og undring over alle, og dei sa seg imellom: «Kva er dette for tale? Med makt og mynde byd han dei ureine åndene, og dei fer ut.»

**37** Og ordet om han fór over alle bygdene der omkring.

**38** Frå synagogen gjekk Jesus heim til Simon. Svigermor til Simon låg sjuk og hadde høg feber, og dei bad Jesus hjelpa henne.

**39** Han gjekk fram, bøygde seg over henne og truga feberen så han sleppte henne. Og med ein gong stod ho opp og stelte for dei.

**40** Då sola gjekk ned, kom alle til han med sine sjuke, same kva sjukdom dei var plaga av. Og han la hendene på kvar og ein av dei og lækte dei.

**41** Mange fór det vonde ånder ut av, og dei skreik og ropa: «Du er Guds Son!» Men han truga dei og gav dei ikkje lov til å tala. For dei visste at han var Messias.

**42** Då det vart morgon dagen etter, fór han ut til ein aud stad. Folket gav seg til å leita etter han, og då dei kom dit han var, prøvde dei å halda han att, så han ikkje skulle gå frå dei.

**43** Men han sa: «Eg må bera fram den gode budskapet om Guds rike i dei andre byane òg. Det er det eg er send for.»

**44** Og han heldt fram med å forkynna i synagogane i Judea.

## Lukas 5

### Peters fiskefangst

(Matt 4,18–22; Mark 1,16–20)

**1** Ein gong stod Jesus nede ved Gennesaretsjøen, og folket trengde seg om han for å høyra Guds ord.

<sup>2</sup> Då fekk han sjå to båtar som låg ved stranda. Fiskarane hadde stige ut av dei og heldt på å skylja garna.

<sup>3</sup> Jesus steig ut i ein av båtane, den som hørde Simon til, og bad han leggja litt ut frå land. Så sette han seg og underviste folket frå båten.

<sup>4</sup> Då han hadde tala ferdig, sa han til Simon: «Legg ut på djupet og set garna, så de kan få fisk.»

<sup>5</sup> «Meister», svara Simon, «vi har streva i heile natt og ikkje fått noko. Men på ditt ord vil eg setja garna.»

<sup>6</sup> Så gjorde dei det, og då stengde dei slik ei mengd med fisk at garna heldt på å rivna.

<sup>7</sup> Dei gav teikn til arbeidslaget i den andre båten at dei skulle koma og ta i med dei. Og då dei kom, fylte dei begge båtane, så det var nære på dei sokk.

<sup>8</sup> Då Simon Peter såg det, kasta han seg ned for Jesu føter og sa: «Gå frå meg, Herre! Eg er ein syndig mann.»

<sup>9</sup> For både han og alle som var med han, vart fulle av otte og undring over fiskefangsten dei hadde fått.

<sup>10</sup> Like eins var det med Jakob og Johannes, sønene til Sebedeus, som fiska saman med Simon. Men Jesus sa til Simon: «Ver ikkje redd! Heretter skal du fanga menneske.»

<sup>11</sup> Så rodde dei båtane i land, gjekk frå alt og følgde han.

### **Den spedalske mannen**

(Matt 8,1–4; Mark 1,40–45)

<sup>12</sup> Ein gong han var i ein av byane, kom ein spedalsk mann, full av sår. Då han fekk sjå Jesus, kasta han seg ned med andletet mot jorda og bad: «Herre, om du vil, kan du gjera meg rein.»

<sup>13</sup> Jesus rette ut handa og rørte ved han. «Eg vil», sa han. «Bli rein!» Og med det same var sjukdomen borte.



**14** Jesus forbaud han å seia det til nokon. «Men gå og vis deg for presten», sa han, «og ber fram eit offer for reinsinga di, slik som Moses har gjeve påbod om. Det skal vera eit vitnemål for dei.»

**15** Men ordet om han spreidde seg berre endå vidare, og folk kom i flokk og følgje for å høyra på han og bli lækte for sjukdomane sine.

**16** Men sjølv trekte han seg ofte tilbake til aude stader og var der og bad.

### **Den lamme mannen**

(Matt 9,1–8; Mark 2,1–12)

**17** Ein dag heldt han på og underviste, og der sat farisearar og lovlærarar som var komne frå alle landsbyane i Galilea og frå Judea og Jerusalem. Jesus hadde Herrens kraft så han kunne lækja.

**18** Då kom nokre menn berande med ein som var lam og låg på ei båre. Dei prøvde å bera han inn og setja han ned framfor Jesus,

**19** men såg seg inga råd til å koma inn med han for folkemengda. Så gjekk dei opp på taket, tok til sides takstein og firte han ned på båra, beint framfor Jesus.

**20** Då Jesus såg trua deira, sa han: «Ven, syndene dine er deg tilgjevne.»

**21** Men dei skriftlærde og farisearane tenkte med seg: «Kva er dette for ein? Han spottar Gud. Kven andre kan tilgje synder enn Gud åleine?»

**22** Jesus visste kva dei tenkte, og sa til dei: «Kva er det for tankar de går med i hjartet?

**23** Kva er lettast å seia: ‘Syndene dine er deg tilgjevne’ eller: ‘Stå opp og gå?’

**24** Men for at de skal vita at Menneskesonen har makt på jorda til å tilgje synder» – og no tala han til den lamme – «så seier eg deg: Stå opp, ta båra di og gå heim!»

**25** Og med ein gong reiste mannen seg midt for auga deira, tok båra som han hadde lege på, og gjekk heim med lov og takk til Gud.

**26** Då vart dei alle heilt frå seg av undring og lova Gud. Og fulle av otte sa dei: «I dag har vi sett utrulege ting!»

### Jesus kallar Levi

(Matt 9,9; Mark 2,13–14)

**27** Sidan gjekk Jesus ut. Då fekk han sjå ein tollar som heitte Levi. Han sat på tollbua. Jesus sa til han: «Følg meg!»

**28** Då stod han opp, gjekk frå alt og følgde Jesus.

### Fest og faste

(Matt 9,10–17; Mark 2,15–22)

**29** Levi heldt eit stort gjestebod for han heime hos seg. Og ein heil flokk tollarar og andre var til bords saman med dei.

**30** Farisearane og dei skriftlærde blant dei murra og sa til læresveinane: «Kvifor et og drikk de saman med tollarar og syndarar?»

**31** Men Jesus svara: «Det er ikkje dei friske som treng lege, men dei som har det vondt.

**32** Eg er ikkje komen for å kalla rettferdige, men syndarar til omvending.»

**33** Så sa dei til han: «Læresveinane til Johannes fastar ofte og held bøn, og det same gjer læresveinane til farisearane, men dine et og drikk.»

**34** «Kan de få bryllaupsgjestene til å fasta medan brudgomen er hos dei?» svara Jesus.

**35** «Men det skal koma ei tid då brudgomen blir teken frå dei, og når dei dagane kjem, då skal dei fasta.»

**36** Han fortalde dei òg ei likning: «Ingen riv eit stykke av eit nytt klesplagg og bruker det til bot på eit gammalt. For då blir det nye klesplagget sundrive, og bota frå det nye passar ikkje på det gamle.

**37** Og ingen fyller ny vin i gamle skinnsekker. For då sprengjer den nye vinen sekkene, vinen renn ut, og sekkene blir øydelagde.

**38** Nei, ny vin må ein fylla i nye skinnsekker.

**39** Og ingen som har drukke gammal vin, har lyst på ny. Han vil seia at den gamle er best.»

## Lukas 6

## Jesus og sabbaten

(Matt 12,1–14; Mark 2,23–3,6)

- <sup>1</sup> Ein sabbat bar det så til at Jesus tok vegen langsmed nokre kornåkrar, og læresveinane reiv av aks, gneid dei mellom hendene og åt.
- <sup>2</sup> Då sa nokre av farisearane: «Kvifor gjer de slikt som ingen har lov til å gjera på sabbaten?»
- <sup>3</sup> Jesus svara: «Men har de ikkje lese kva David gjorde den gongen han og mennene hans svalt?»
- <sup>4</sup> Han gjekk inn i Guds hus, tok skodebrøda og åt og gav dei som følgde han. Og dei brøda er det berre prestane som har lov å eta.»
- <sup>5</sup> Og Jesus sa til dei: «Menneskesonen er herre over sabbaten.»
- <sup>6</sup> Ein annan sabbat gjekk han inn i synagogen og underviste. Der var det ein mann med ei høgre hand som var vissen.
- <sup>7</sup> Dei skriftlærde og farisearane heldt auge med Jesus, om han ville lækja på sabbaten, så dei kunne få noko å klaga han for.
- <sup>8</sup> Men han kjende tankane deira og sa til mannen med den visne handa: «Reis deg opp og kom fram!» Han reiste seg og gjekk fram.
- <sup>9</sup> «No spør eg dykk», sa Jesus, «kva har ein lov til på sabbaten? Å gjera godt eller å gjera vondt, berga liv eller ta liv?»
- <sup>10</sup> Han såg rundt seg på dei alle og sa til mannen: «Rett fram handa di!» Han så gjorde, og handa hans vart god att.
- <sup>11</sup> Då vart dei heilt ifrå seg av sinne og tala med kvarandre om kva dei skulle gjera med Jesus.

## Jesus kallar dei tolv apostlane

(Matt 10,1–4; Mark 3,13–19)

- <sup>12</sup> I dei dagane gjekk han ein gong opp i fjellet og ville be, og han var der heile natta i bøn til Gud.
- <sup>13</sup> Då det vart dag, kalla han til seg læresveinane sine og valde ut tolv; dei kalla han apostlar.

**14** Det var Simon, som han òg kalla Peter, og Andreas, bror hans, Jakob og Johannes, Filip og Bartolomeus,

**15** Matteus og Tomas, Jakob, son til Alfeus, og Simon som dei kalla seloten,

**16** Judas, son til Jakob, og Judas Iskariot, han som vart svikar.

### **Jesus forkynner og lækjer**

(Matt 4,23–25; Mark 3,7–10)

**17** Så gjekk han nedover att i lag med dei og vart ståande på ei slette. Der var ein stor flokk av læresveinane hans samla og ei mengd med folk frå heile Judea og Jerusalem og frå sjøbygdene ved Tyros og Sidon.

**18** Dei var komne og ville høyra han og bli lækte for sjukdomane sine. Dei som var plaga av ureine ånder, vart òg friske.

**19** Og alt folket prøvde å få røra ved han, for ut frå han gjekk det ei kraft som lækte alle.

### **Slettepreika**

(6,20–49)

### **Sæle og usæle**

(Matt 5,1–12)

**20** Då såg han opp, feste auga på læresveinane sine og sa: «Sæle de fattige! Guds rike er dykkar.

**21** Sæle de som no svelt! De skal mettast. Sæle de som no græt! De skal le.

**22** Sæle er de når folk for Menneskesonen skuld hatar dykk, støyter dykk ut og spottar dykk og kastar namnet dykkar frå seg som noko vondt!

**23** Gled dykk på den dagen og hoppa av fryd, stor er løna dykkar i himmelen. Det same gjorde fedrane deira med profetane.

**24** Men ve dykk rike, de har alt fått dykkar trøyst.

**25** Ve dykk som no er mette, de skal svelta. Ve dykk som no ler, de skal sørgja og gråta.

**26** Ve dykk når alle talar vel om dykk. For det same gjorde fedrane deira med dei falske profetane.

### **Elsk fiendane dykkar**

(Matt 5,38–48; 7,12)

<sup>27</sup>Men til dykk som høyrer på meg, seier eg: Elsk fiendane dykkar, gjer vel mot dei som hatar dykk,

<sup>28</sup> velsign dei som forbannar dykk, og be for dei som mishandlar dykk.

<sup>29</sup>Slår nokon deg på det eine kinnet, så byd fram det andre òg. Tek nokon kappa frå deg, så nekt han ikkje skjorta heller.

<sup>30</sup>Gjev til kvar den som bed deg, og tek nokon frå deg det som er ditt, skal du ikkje krevja det att.

<sup>31</sup>Som de vil at andre skal gjera mot dykk, så skal de gjera mot dei.

<sup>32</sup>Om de elsker dei som elsker dykk, er det noko å takka dykk for? Til og med syndarane elsker dei som viser dei kjærleik.

<sup>33</sup> Og om de gjer vel mot dei som gjer vel mot dykk, er det noko å takka dykk for? Det gjer syndarane òg.

<sup>34</sup> Og om de låner til dei som de ventar å få att av, er det noko å takka dykk for? Syndarar låner òg til syndarar når dei kan få like mykje att.

<sup>35</sup>Nei, elska fiendane dykkar, gjer vel og lån bort utan å venta noko att. Då skal løna dykkar vera stor, og de skal vera born av Den høgste. For han er god mot dei utakksame og vonde.

<sup>36</sup> Ver miskunnsame, som Far dykkar er miskunnsam.

### **Døm ikkje**

(Matt 7,1–5)

<sup>37</sup>Døm ikkje, så skal de ikkje dømmast. Fordøm ikkje, så skal de ikkje fordømmast. Ettergjev, så skal de få ettergjeving.

<sup>38</sup>Gjev, så skal de få: Eit godt mål, stappa, rista og overfylt, skal de få i fanget. For med det målet de sjølve måler med, skal det òg målast opp til dykk.»

<sup>39</sup> Han fortalde dei òg ei likning: «Kan ein blind leia ein blind? Kjem ikkje begge til å falla i grøfta?

<sup>40</sup> Ein lærling står ikkje over meisteren, men når han er utlært, blir han lik meisteren sin.

<sup>41</sup> Kvifor ser du flisa i auget til bror din, men bjelken i ditt eige auge merkar du ikkje?

<sup>42</sup> Og korleis kan du seia til bror din: ‘Bror, lat meg ta flisa ut av auget ditt’, når du ikkje ser bjelken i ditt eige auge? Din hyklar! Ta først bjelken ut av ditt eige auge. Då ser du klårt og kan ta flisa ut av auget til bror din.

### **Treet og fruktene**

(Matt 7,17–20; 12,33–35)

<sup>43</sup> Det finst ikkje noko godt tre som ber dårleg frukt, heller ikkje noko dårleg tre som ber god frukt.

<sup>44</sup> Treet kjenner ein på frukta. Dei plukkar ikkje fiken av tistlar og haustar ikkje druer av klunger.

<sup>45</sup> Eit godt menneske ber fram godt av det gode han gøymer i hjartet, og eit vondt menneske ber fram vondt av det vonde han gøymer på. For det hjartet er fullt av, det seier munnen.

### **Huset bygd på fjell**

(Matt 7,21–27)

<sup>46</sup> Kvifor kallar de meg ‘Herre, Herre!’ og gjer ikkje det eg seier?

<sup>47</sup> Den som kjem til meg og høyrer orda mine og gjer det dei seier, eg skal visa dykk kven han er lik.

<sup>48</sup> Han er lik eit menneske som ville byggja eit hus, og som grov djupt og la grunnmuren på fjell. Då flaumen kom, braut straumen mot huset, men kunne ikkje rikka det, for det var godt bygd.

<sup>49</sup> Men den som høyrer og ikkje gjer etter det, han liknar eit menneske som bygde huset sitt på berre bakken, utan grunnmur. Då straumen braut mot huset, datt det med ein gong, og heile huset rasa saman.»

## **Lukas 7**

### **Offiseren i Kapernaum**

(Matt 8,5–13; Joh 4,46–53)

- <sup>1</sup>Då Jesus hadde halde denne talen til folket, gjekk han inn i Kapernaum.
- <sup>2</sup>Ein offiser der i byen hadde ein tenar som han sette svært høgt. Denne tenaren var så sjuk at det stod om livet.
- <sup>3</sup>Då offiseren fekk høyra om Jesus, sende han nokre av dei jødiske eldste til han; dei skulle be han koma og berga livet til tenaren.
- <sup>4</sup>Då dei kom til Jesus, bad dei han inderleg og sa: «Han fortener at du gjer dette for han.
- <sup>5</sup>For han elsker folket vårt, og det er han som har bygd synagogen vår.»
- <sup>6</sup>Og Jesus gjekk med dei. Men då han ikkje hadde langt att til huset, sende offiseren nokre av venene sine til han med bod: «Herre, gjer deg ikkje meir bry! Eg er ikkje verd at du kjem inn under mitt tak
- <sup>7</sup>– difor heldt eg meg heller ikkje verdig til å koma til deg. Men sei berre eit ord, så blir tenesteguten min lækt.
- <sup>8</sup>For eg må sjølv lyda dei som er over meg, og eg har soldatar under meg. Seier eg til ein av dei: ‘Gå!’ så går han, og til ein annan: ‘Kom!’ så kjem han, og til tenaren min: ‘Gjer dette!’ så gjer han det.»
- <sup>9</sup>Då Jesus høyrde det, undra han seg. Han vende seg til folket som følgde han, og sa: «Det seier eg dykk: Ikkje eingong i Israel har eg funne ei slik tru.»
- <sup>10</sup>Då dei som var utsende, kom heim att, fann dei tenaren frisk.

### **Jesus vekkjer opp sonen til enkja i Nain**

- <sup>11</sup>Kort tid etter gav Jesus seg i veg til ein by som heiter Nain. Læresveinane og mykje folk var med han.
- <sup>12</sup>Då han nærma seg byporten, vart ein død boren til grava. Han var einaste sonen til mor si, og ho var enkje. Mykje folk frå byen var med henne.
- <sup>13</sup> Då Herren såg enkja, fekk han inderleg medkjensle med henne og sa: «Gråt ikkje!»
- <sup>14</sup> Han gjekk borttil og la handa på båra. Då stansa dei som bar. Så sa han: «Du unge mann, eg seier deg: Stå opp!»

- 15** Då sette den døde seg opp og tok til å tala, og Jesus gav han til mor hans.
- 16** Då vart alle fylte av ærefrykt; dei lova Gud og sa: «Ein stor profet har stige fram hos oss, og Gud har gjesta sitt folk.»
- 17** Dette ordet om han spreidde seg i heile Judea og landet omkring.

### **Jesus svarar døyparen Johannes**

(Matt 11,2–6)

- 18** Johannes fekk høyra om alt dette av læresveinane sine. Då kalla han to av dei til seg
- 19** og sende dei til Herren og bad dei spørja: «Er du den som skal koma, eller skal vi venta ein annan?»
- 20** Mennene kom då til Jesus og sa: «Døyparen Johannes sender oss til deg og spør: Er du den som skal koma, eller skal vi venta ein annan?»
- 21** Nett då lækte Jesus mange for sjukdomar og plager og vonde ånder, og han gav mange blinde synet.
- 22** Og han svara: «Gå og fortel Johannes kva de har sett og høyr: Blinde ser, lamme går, spedalske blir reine, og døde høyrer, døde står opp, og evangeliet blir forkynt for fattige.
- 23** Og sæl er den som ikkje fell ifrå på grunn av meg.»

### **Jesus vitnar om Johannes**

(Matt 11,7–19)

- 24** Då bodberarane frå Johannes var gått, tala Jesus til folket om Johannes: «Kva gjekk de ut i øydemarka for å sjå? Eit sivstrå som svaier i vinden?
- 25** Nei! Kva gjekk de ut for å sjå? Ein mann kledd i fine klede? Dei som er staseleg kledde og lever i overflod, held til i slotta sine.
- 26** Men kva gjekk de ut for å sjå? Ein profet? Ja, eg seier dykk: meir enn ein profet!
- 27** Det er om han dette står skrive: Sjå, eg sender min bodberar føre deg, han skal rydda vegen for deg.



<sup>28</sup> Eg seier dykk: Ingen av dei som er fødde av kvinner, er større enn Johannes. Men sjølv den minste i Guds rike er større enn han.

<sup>29</sup> Alt folket, og tollarane med, lydde og gav Gud rett og lét seg døypa med Johannes-dåpen.

<sup>30</sup> Men farisearane og dei lovkunnige viste Guds plan frå seg og lét seg ikkje døypa av han.

<sup>31</sup> Menneska i denne slekta, kva skal eg likna dei med? Kven er dei like?

<sup>32</sup> Dei liknar born som sit på torget og ropar til kvarandre: 'Vi spela på fløyte for dykk, men de ville ikkje dansa. Vi song klagesongar, men de ville ikkje gråta.'

<sup>33</sup> For døyparen Johannes er komen, han et ikkje brød og drikk ikkje vin, og de seier: 'Han har ei vond ånd i seg.'

<sup>34</sup> Menneskesonen er komen, han både et og drikk, og de seier: 'Sjå, for ein storetar og vindrikkar, ven med tollarar og syndarar!'

<sup>35</sup> Men Visdomen har fått rett, det stadfester alle borna hennar.»

#### **Kvinna som fekk syndene sine tilgjevne**

<sup>36</sup> Ein av farisearane bad Jesus eta hos seg. Og han gjekk inn i huset til farisearen og tok plass ved bordet.

<sup>37</sup> No var det ei kvinne der i byen som levde eit syndefullt liv. Då ho fekk vita at Jesus låg til bords hos farisearen, kom ho dit med ei alabastkrukke med dyr salve.

<sup>38</sup> Ho vart ståande bak Jesus, nede ved føtene, og gret. Så tok ho til å fukta føtene hans med tårene og tørka dei med håret sitt. Ho kyste føtene hans og smurde dei med salven.

<sup>39</sup> Då farisearen som hadde bede han heim, såg det, tenkte han med seg: «Var denne mannen ein profet, visste han kva slag kvinne det er som tek i han, at ho lever eit syndefullt liv.»

<sup>40</sup>Då tok Jesus til orde og sa til farisearen: «Simon, eg har noko å seia deg.» «Tala, meister», svara han.

<sup>41</sup> Jesus sa: «To menn stod i skuld til ein som lånte ut pengar. Den eine var skuldig fem hundre denarar, den andre femti.

<sup>42</sup>Men då dei ikkje hadde noko å betala med, ettergav han dei begge skulda. Kven av dei vil halda mest av han?»

<sup>43</sup>«Den han ettergav mest, tenkjer eg», svara Simon. «Du har rett», sa Jesus.

<sup>44</sup> Så vende han seg til kvinna og sa til Simon: «Ser du denne kvinna? Eg kom inn i ditt hus; du gav meg ikkje vatn til føtene mine, men ho fukta dei med tårer og tørka dei med håret sitt.

<sup>45</sup> Du helsa meg ikkje velkomen med eit kyss, men ho har ikkje halde opp med å kyssa føtene mine heilt frå eg kom inn.

<sup>46</sup> Du salva ikkje hovudet mitt med olje, men ho smurde føtene mine med velluktande salve.

<sup>47</sup> Difor seier eg deg: Dei mange syndene hennar er tilgjevne, difor har ho vist stor kjærleik. Men den som får tilgjeve lite, elsker lite.»

<sup>48</sup> Så sa han til kvinna: «Syndene dine er tilgjevne.»

<sup>49</sup>Då tok dei andre gjestene til å tenkja med seg: «Kven er han, som jamvel tilgjev synder?»

<sup>50</sup> Men Jesus sa til kvinna: «Trua di har frelst deg. Gå i fred!»

## Lukas 8

### Kvinner som følgde Jesus

<sup>1</sup> I tida som no kom, drog Jesus omkring og forkynte i byar og landsbyar og bar fram den gode budskapet om Guds rike. Dei tolv var med han,

<sup>2</sup> og nokre kvinner som hadde vorte lækte for vonde ånder og sjukdomar. Det var Maria med tilnamnet Magdalena, som sju vonde ånder hadde fare ut av,

<sup>3</sup>Johanna, som var gift med Kusa, ein forvaltar hos Herodes, og Susanna og mange andre. Med alt det dei eigde, tente dei Jesus og dei tolv.

### Likninga om såmannen

(Matt 13,1–13.18–23; Mark 4,1–20)

<sup>4</sup>Mykje folk strøymde no saman frå alle byane rundt omkring. Då ei stor folkemengd hadde samla seg om han, fortalde han dei ei likning:

<sup>5</sup>«Ein såmann gjekk ut for å så kornet sitt. Og då han sådde, fall noko attmed vegen. Det vart nedtrakka, og fuglane under himmelen kom og åt det opp.

<sup>6</sup>Noko fall på steingrunn, og det visna med same det kom opp, fordi det ikkje fekk væte.

<sup>7</sup>Noko fall mellom klunger, og klungeren voks opp saman med kornet og kvelte det.

<sup>8</sup>Men noko fall i god jord, og det voks opp og gav grøde, heile hundre gonger det som vart sådd.» Då han hadde sagt dette, ropa han ut: «Den som har øyre å høyra med, høyr!»

<sup>9</sup>Sidan spurde læresveinane han kva denne likninga skulle tyda.

<sup>10</sup>Han svara: «Dykk er det gjeve å kjenna løyndomane om Guds rike. Men dei andre får det i likningar, for at dei skal sjå, men ikkje sjå, og høyra, men ikkje skjøna.

<sup>11</sup>Likninga tyder: Såkornet er Guds ord.

<sup>12</sup>Dei attmed vegen er dei som høyrer ordet; men så kjem djevelen og tek det bort frå hjartet deira, så dei ikkje skal tru og bli frelste.

<sup>13</sup>Dei på steingrunn er dei som tek imot ordet med glede når dei høyrer det. Men dei har ikkje rot; dei trur ei tid, og når dei blir sette på prøve, fell dei frå.

<sup>14</sup>Det som fall mellom klunger, er dei som vel høyrer ordet, men som på vegen gjennom livet blir kvelte av sorger og rikdom og nytingar så dei ikkje ber fullmogen grøde.

<sup>15</sup>Men det i den gode jorda, det er dei som høyrer ordet og tek vare på det i eit fint og godt hjarte, held ut og ber grøde.

### **Likninga om oljelampa**

(Mark 4,21–25)

<sup>16</sup>Ingen tenner ei oljelampe og gøymer henne under ei krukke eller set henne under ei seng; nei, han set lampa på ein haldar, så dei som kjem inn, kan sjå lyset.

<sup>17</sup>For ingenting er løynt som ikkje skal bli synleg, og ingenting er gøymt som ikkje skal bli kjent og koma for dagen.

<sup>18</sup>Akta vel på korleis de høyrer! For den som har, skal få. Men den som ikkje har, skal mista jamvel det han trur han har.»

### **Jesu sanne skyldfolk**

(Matt 12,46–50; Mark 3,31–35)

<sup>19</sup>Mor hans og syskena hans kom og ville møte han, men dei slapp ikkje fram for folkemengda.

<sup>20</sup>Då var det nokon som sa til han: «Mor di og syskena dine står utanfor og vil treffa deg.»

<sup>21</sup>Men han svara: «Mor mi og syskena mine, det er dei som høyrer Guds ord og gjer etter det.»

### **Jesus stiller stormen**

(Matt 8,23–27; Mark 4,35–41)

<sup>22</sup>Ein dag steig han ut i ein båt saman med læresveinane. «Lat oss fara over til andre sida av sjøen», sa han. Så la dei utpå,

<sup>23</sup>og medan dei var ute på sjøen, sovna han. Då kom det ein kvervelstorm kastande over sjøen, båten heldt på å gå full av vatn, og dei var i stor fare.

<sup>24</sup>Dei gjekk bort til han og vekte han og sa: «Meister, meister, vi går under!» Jesus reiste seg opp og truga vinden og bølgiene så dei la seg, og det vart blikande stilt.

<sup>25</sup>Han sa til dei: «Kvar er trua dykkar?» Men dei var fulle av otte og undring og sa seg imellom: «Kven er han? Han byd både vind og sjø, og dei lyder han!»

### **Mannen frå gravhølene**

(Matt 8,28–34; Mark 5,1–20)

<sup>26</sup>No kom dei inn til Gerasenar-landet, som ligg midt imot Galilea.

<sup>27</sup>Då han gjekk i land, kom ein mann frå byen der mot han. Han hadde vonde ånder i seg. I lang tid hadde han ikkje hatt klede på kroppen, og han budde ikkje i hus, men heldt til i gravhølene.

<sup>28</sup> Då han fekk sjå Jesus, sette han i å ropa, kasta seg ned for han og skreik høgt: «Kva vil du meg, Jesus, du Son av Gud, Den høgste? Eg bed deg at du ikkje må pina meg!»

<sup>29</sup>– For Jesus hadde bode den ureine ånda å fara ut av mannen. Ho hadde hatt makt over han i lange tider. Ofte hadde dei bunde han med lenkjer og fotjern og halde vakt over han, men han sleit banda og vart driven ut i øydemarka av den vonde ånda. –

<sup>30</sup> «Kva er namnet ditt?» spurde Jesus. «Legion», svara han, for det var mange vonde ånder som hadde fare inn i han.

<sup>31</sup> Og dei bad Jesus at han ikkje måtte by dei å fara ned i avgrunnen.

<sup>32</sup>No gjekk det ein stor griseflokk og beitte der på fjellet, og dei vonde åndene bad om å få fara inn i grisene. Det gav han dei lov til.

<sup>33</sup>Då fór dei vonde åndene ut av mannen og inn i grisene, og flokken sette utfor stupet og ned i sjøen og drukna.

<sup>34</sup>Men då dei som gjette grisene, såg det som var hendt, sprang dei av stad og fortalde det inne i byen og ute på landet.

<sup>35</sup>Og folk drog ut og ville sjå kva som var hendt. Då dei kom fram til Jesus, fann dei mannen som dei vonde åndene hadde fare ut av. Han sat ved Jesu føter, påkledd og med sitt fulle vit. Då vart dei redde.

<sup>36</sup>Men dei som hadde sett på, fortalde korleis han som hadde hatt dei vonde åndene, vart frisk att.

<sup>37</sup>Då bad heile folkemengda frå Gerasenar-bygdene at Jesus måtte fara bort ifrå dei, for dei var tekne av stor redsle. Og han gjekk i båten og fór attende.

<sup>38</sup>Mannen som dei vonde åndene hadde fare ut av, bad om å få vera med han. Men Jesus sende han bort og sa:

<sup>39</sup>«Gå heim og fortel kor store ting Gud har gjort mot deg.» Så gjekk han av stad og forkynte i heile byen kva Jesus hadde gjort for han.

### **Dotter til Jairus og kvinna som rørte ved Jesu kappe**

(Matt 9,18–26; Mark 5,21–43)

<sup>40</sup>Då Jesus vende attende, stod folkemengda og tok imot han, for alle hadde venta på han.

<sup>41</sup>Ein mann som heitte Jairus, kom fram; han var forstandar for synagogen. Han kasta seg ned for føtene til Jesus og bad han inderleg om å koma heim til seg.

<sup>42</sup>For einaste dotter hans, som var om lag tolv år gammal, låg for døden. Då Jesus gjekk dit, trengde folk seg innpå han frå alle kantar.

<sup>43</sup> Det var ei kvinne der som hadde hatt blødingar i tolv år. {{Alt ho eigde, hadde ho brukt på legar,}} men ingen hadde greidd å gjera henne frisk.

<sup>44</sup> Ho nærma seg Jesus bakanfrå og rørte ved dusken på kappefliken hans, og med ein gong stansa blodet.

<sup>45</sup>«Kven var det som rørte ved meg?» spurde Jesus. Ingen ville svara. Då sa Peter: «Meister, folk trykkjer og trengjer seg innpå deg frå alle kantar.»

<sup>46</sup> Men Jesus sa: «Det var einkvan som rørte ved meg, for eg kjende at det gjekk ei kraft ut ifrå meg.»

<sup>47</sup>Då kvinna skjønna at det ikkje kunne løynast, kom ho skjelvande fram. Ho kasta seg ned for han og fortalde, medan heile folket hørde på, kvifor ho hadde rørt ved han, og korleis ho hadde vorte frisk med det same.

<sup>48</sup> Då sa Jesus til henne: «Trua di har frelst deg, dotter. Gå i fred!»

<sup>49</sup>Før han hadde tala ut, kom det ein frå huset til synagogeforstandaren og sa: «Dotter di er død. Bry ikkje meisteren lenger.»

<sup>50</sup>Jesus hørde det, men sa til faren: «Ver ikkje redd, berre tru, så skal ho bli berga.»

<sup>51</sup>Då han kom fram til huset, lét han ingen andre vera med inn enn Peter, Johannes og Jakob og far og mor til barnet.

<sup>52</sup> Alle gret og jamra over henne. Men han sa: «Gråt ikkje! Ho er ikkje død, ho søv.»

<sup>53</sup>Dei berre lo av han, for dei visste at ho var død.

<sup>54</sup> Men han tok henne i handa og ropa: «Barnet mitt, stå opp!»

<sup>55</sup>Då vende livsanden hennar attende, og ho reiste seg opp med ein gong. Og han sa at dei skulle gje henne mat.

<sup>56</sup>Foreldra var reint ifrå seg av undring. Men Jesus forbaud dei å tala til nokon om det som hadde hendt.

## Lukas 9

### Jesus sender ut apostlane

(Matt 10,1.9–15; Mark 6,7–13)

<sup>1</sup>Jesus kalla saman dei tolv og gav dei makt over alle vonde ånder og kraft til å lækja sjukdomar.

<sup>2</sup>Så sende han dei ut for å forkynna Guds rike og gjera sjuke friske.

<sup>3</sup>Han sa til dei: «Ta ikkje noko med dykk på vegen, korkje stav eller veske eller brød eller pengar; og ingen skal ha med to kjortlar.

<sup>4</sup>Når de har teke inn i eit hus, så ver der til de fer vidare.

<sup>5</sup> Men er det nokon som ikkje vil ta imot dykk, skal de fara bort frå den byen og rista støvet av føtene. Det skal vera eit vitnemål mot dei.»

<sup>6</sup>Så tok dei ut og drog omkring frå landsby til landsby og forkynte den gode budskapet og lækte folk kvar dei kom.

### Herodes spør om Jesus

(Matt 14,1–2; Mark 6,14–16)

<sup>7</sup> Landsfyrsten Herodes fekk høyra om alt det som hende, og han visste ikkje kva han skulle tru. For somme sa at Johannes var reist opp frå dei døde,

<sup>8</sup> andre at det var Elia som hadde synt seg, og endå andre at det var ein av dei gamle profetane som hadde stått opp att.

<sup>9</sup> Men Herodes sjølv sa: «Johannes lét eg halshogga. Kven er så denne som eg høyrer slikt om?» Og han ville gjerne møta han.

### **Jesus mettar fem tusen**

(Matt 14,13–21; Mark 6,30–44; Joh 6,1–13)

<sup>10</sup> Apostlane kom tilbake og fortalde Jesus om alt dei hadde gjort. Då tok han dei med så dei kunne vera åleine. Han drog bortover mot ein by som heiter Betsaida.

<sup>11</sup> Men folk fekk vita det og følgde etter. Han tok imot dei og tala til dei om Guds rike, og han lækte dei som trong å bli friske.

<sup>12</sup> Då det leid mot kveld, kom dei tolv til han og sa: «Send folket frå deg, så dei kan gå bort i landsbyane og gardane her omkring. Der kan dei finna hus og få seg noko å eta. For her er vi på ein aud stad.»

<sup>13</sup> «De skal gje dei mat!» svara Jesus. «Vi har ikkje meir enn fem brød og to fiskar», sa dei, «om vi då ikkje sjølve skal gå og kjøpa mat til alt dette folket.»

<sup>14</sup> Det var samla om lag fem tusen menn. Då sa han til læresveinane: «Lat dei setja seg i flokkar på femti.»

<sup>15</sup> Dei gjorde som han sa, og lét alle setja seg.

<sup>16</sup> Så tok han dei fem brøda og dei to fiskane, såg opp mot himmelen og velsigna dei. Og han braut dei og gav dei til læresveinane, så dei skulle by rundt til folket.

<sup>17</sup> Og alle åt og vart mette. Etterpå samla dei opp dei stykka som var til overs, og det vart tolv korger.

### **Peter vedkjenner seg si tru, og Jesus talar om at han skal døy og stå opp att**

(Matt 16,13–16.21; Mark 8,27–33)





<sup>18</sup>Ein gong var han åleine og bad, og berre læresveinane var med han. Då spurde han dei: «Kven seier folk at eg er?»

<sup>19</sup> «Døyparen Johannes», svara dei, «men somme seier Elia og andre at ein av dei gamle profetane har stått opp att.»

<sup>20</sup> «Og de», spurde han, «kven seier de at eg er?» Då svara Peter: «Du er Guds Messias.»

<sup>21</sup>Men det forbaud han dei strengt å seia til nokon.

<sup>22</sup> Og han sa: «Menneskesonen skal lida mykje og bli vraka av dei eldste, overprestane og dei skriftlærde. Han skal bli slegen i hel, og tredje dagen skal han reisast opp.»

### **Å følgja Jesus**

(Matt 16,24–28; Mark 8,34–9,1)

<sup>23</sup> Så sa han til dei alle: «Vil nokon følgja etter meg, må han seia nei til seg sjølv og dag for dag ta krossen sin opp og følgja meg.

<sup>24</sup> For den som vil berga livet sitt, skal mista det. Men den som mistar livet sitt for mi skuld, skal berga det.

<sup>25</sup>Kva gagnar det eit menneske om det vinn heile verda, men mistar seg sjølv og går til grunne?

<sup>26</sup> For den som skjemmest ved meg og orda mine, han skal Menneskesonen skjemmast ved når han kjem i sin og sin Fars og dei heilage englars herlegdom.

<sup>27</sup>Sanneleg, eg seier dykk: Somme av dei som står her, skal ikkje smaka døden før dei får sjå Guds rike.»

### **Læresveinane får sjå Jesu herlegdom**

(Matt 17,1–8; Mark 9,2–8)

<sup>28</sup>Om lag åtte dagar etter at han hadde sagt dette, tok han med seg Peter, Johannes og Jakob og gjekk opp i fjellet for å be.

<sup>29</sup>Og medan han bad, vart andletet hans som omskapt, og kleda vart skinande kvite.

- <sup>30</sup>Med eitt stod to menn og snakka med han; det var Moses og Elia.
- <sup>31</sup>Dei synt seg i herlegdom og tala om den utgangen livet hans skulle få, om det han skulle fullføra i Jerusalem.
- <sup>32</sup>Peter og dei andre hadde falle i djup søvn. No vakna dei og fekk sjå herlegdomen hans og dei to mennene som stod der saman med han.
- <sup>33</sup>Då mennene skulle skiljast med han, sa Peter til Jesus: «Meister, det er godt at vi er her. Lat oss byggja tre hytter, ei til deg, ei til Moses og ei til Elia» – han visste ikkje sjølv kva han sa.
- <sup>34</sup>Og medan han tala, kom det ei sky og la skugge over dei, og då dei kom inn i skya, vart dei gripne av redsle.
- <sup>35</sup>Frå skya kom det ei røyst: «Dette er Son min, den utvalde. Høyr han!»
- <sup>36</sup>Og då røysta lydde, var det ingen annan å sjå, berre Jesus. Læresveinane tagde med dette, og dei fortalde i dei dagane ikkje til nokon det dei hadde sett.

### **Jesus lækjer ein gut med ei vond ånd**

(Matt 17,14–18; Mark 9,14–20.25–27)

- <sup>37</sup>Dagen etter, då dei kom ned frå fjellet, vart han møtt av ei stor folkemengd.
- <sup>38</sup>Då ropa ein mann i flokken: «Meister, eg bed deg: Ta deg av son min, for han er einaste barnet eg har!
- <sup>39</sup>Brått kan ei ånd hogga tak i han; ho set i eit skrik og riv og slit i han så skummet står om munnen på han. Ho tek mest livet av han før ho endeleg slepper han.
- <sup>40</sup>Eg bad læresveinane dine driva henne ut, men dei greidde det ikkje.»
- <sup>41</sup>Då sa Jesus: «Du vantruande og vrange slekt! Kor lenge skal eg vera hos dykk og halda ut med dykk? Kom hit med son din!»
- <sup>42</sup>Men før guten var komen fram til Jesus, kasta den vonde ånda han over ende og reiv og sleit i han. Då truga Jesus den ureine ånda og lækte guten og gav han tilbake til faren.

**43** Og alle var fulle av undring over Guds veldige makt.

**Jesus talar igjen om at han skal lida og døy**

(Matt 17,22–23; Mark 9,30–32)

Medan alle undra seg over alt det han gjorde, sa han til læresveinane:

**44** «Høyr nøye etter det eg no seier: Menneskesonen skal gjevast over i hendene på menneske.»

**45** Men dette skjøna dei ikkje. Det var løynt for dei, så dei ikkje fekk tak i det. Og dei våga ikkje å spørja han om det han hadde sagt.

**Kven er den største?**

(Matt 18,1–5; Mark 9,33–37)

**46** Tanken kom opp mellom læresveinane om kven som kunne vera den største av dei.

**47** Men Jesus skjøna kva dei tenkte i hjartet. Han tok eit lite barn, sette det attmed seg

**48** og sa til dei: «Den som tek imot dette barnet i mitt namn, tek imot meg. Og den som tek imot meg, tek imot han som har sendt meg. For den som er minst av dykk alle, er stor.»

**For eller imot**

(Mark 9,38–40)

**49** Då tok Johannes ordet: «Meister, vi såg ein som dreiv ut vonde ånder i ditt namn, og vi prøvde å hindra han, sidan han ikkje er i følge med oss.»

**50** Men Jesus svara: «De skal ikkje hindra han! Den som ikkje er imot dykk, er med dykk.»

**Jesus og samaritanane**

**51** Då tida kom og Jesus skulle takast opp til himmelen, vende han andletet mot Jerusalem; det var dit han ville fara.

**52** Han sende bod føre seg, og dei drog av stad og kom til ein samaritansk landsby for å tinga hus til han.

**53** Men der ville dei ikkje ta imot han, fordi han hadde vendt sine steg mot Jerusalem.



54 Då læresveinane Jakob og Johannes fekk høyra dette, sa dei: «Herre, vil du at vi skal by eld fara ned frå himmelen og øyda dei?»

55 Men han snudde seg og tala dei til rette. {{«De veit ikkje kva ånd de er av», sa han. «Menneskesonen er ikkje komen for å ta menneskeliv, men for å frelsa.»}}

56 Så gjekk dei til ein annan landsby.

### Jesus krev alt

(Matt 8,19–22)

57 Medan dei gjekk etter vegen, var det ein som sa til han: «Eg vil følgja deg kvar du så går.»

58 Jesus svara: «Revane har hi, og fuglane under himmelen har reir, men Menneskesonen har ikkje noko han kan kvila hovudet sitt på.»

59 Til ein annan sa han: «Følg meg!» Men mannen svara: «Herre, lat meg først få gå heim og gravleggja far min.»

60 Då sa Jesus til han: «Lat dei døde gravleggja sine døde, men gå du av stad og forkynn Guds rike.»

61 Det var ein annan òg som sa: «Eg vil følgja deg, Herre, men lat meg først få seia farvel til dei der heime.»

62 Men Jesus svara: «Ingen som har lagt handa på plogen og så ser seg tilbake, er skikka for Guds rike.»

## Lukas 10

### Jesus sender ut dei syttito

(Matt 9,37–38; 10,7–16)

1 Sidan tok Herren ut syttito andre og sende dei ut føre seg, to og to, til kvar by og kvar bygd som han sjølv skulle til.

2 Og han sa til dei: «Grøda er stor, men arbeidsfolka er få. Be då han som er herre over grøda, at han må senda ut arbeidsfolk til å hausta inn grøda si.

3 Gå av stad! Eg sender dykk ut som lam mellom ulvar.

<sup>4</sup>Ta ikkje med pengepung, ikkje veske og ikkje skor, og hels ikkje på folk på vegen.

<sup>5</sup>Men når de kjem inn i eit hus, skal de først seia: 'Fred vere med denne heimen!'<sup>6</sup>Om der bur eit fredens menneske, skal freden dykkar kvila over han. Dersom ikkje, skal freden venda attende til dykk sjølve.

<sup>7</sup>Bli verande der i huset og et og drikk det dei byd fram! For ein arbeidar er verd si løn. Flytt ikkje frå hus til hus!

<sup>8</sup>Når de kjem inn i ein by og dei tek imot dykk, så et det dei set fram for dykk!

<sup>9</sup>Læk dei sjuke der og sei: 'Guds rike er kome nær til dykk!'

<sup>10</sup>Men når de kjem inn i ein by og dei ikkje tek imot dykk, skal de gå ut på gatene og seia:

<sup>11</sup> 'Til og med støvet vi har fått på føtene i byen dykkar, kan de ha for dykk sjølve, vi børstar det av oss. Men det skal de vita: Guds rike er kome nær!'

<sup>12</sup> Eg seier dykk: På dommedag skal Sodoma sleppa lettare enn den byen.

### **Verop over byar i Galilea**

(Matt 11,20–23)

<sup>13</sup> Ve deg, Korasin! Ve deg, Betsaida! Hadde dei mektige gjerningane som er gjorde hos dykk, vore gjorde i Tyros og Sidon, hadde dei for lenge sidan vendt om og sete i sekk og oske.

<sup>14</sup>Men i dommen skal Tyros og Sidon sleppa lettare enn de.

<sup>15</sup> Og du, Kapernaum – skal du bli opphøgd like til himmelen? Nei, til dødsriket skal du støytast ned!

<sup>16</sup> Den som høyrer dykk, høyrer meg, og den som vrakar dykk, vrakar meg. Men den som vrakar meg, vrakar han som har sendt meg.»

### **Dei syttito kjem tilbake**

<sup>17</sup>Dei syttito kom glade tilbake og sa: «Herre, til og med dei vonde åndene lyder oss når vi nemner ditt namn!»

18 Då sa han til dei: «Eg såg Satan falla ned frå himmelen som eit lyn.

19 Ja, eg har gjeve dykk makt til å trakka på ormar og skorpionar og makt over alt fiendens velde, og ingenting skal skada dykk.

20 Og likevel: Gled dykk ikkje over at åndene lyder dykk, men gled dykk over at namna dykkar er innskrivne i himmelen!»

### **Kven Sonen er**

(Matt 11,25–27; 13,16–17)

21 I same stunda jubla han i Den heilage ande og sa: «Eg lovar deg, Far, Herre over himmel og jord, fordi du har løynt dette for vise og forstandige, men openberra det for umyndige små. Ja, Far, for dette var din gode vilje.

22 Alt har Far min overgjeve til meg. Ingen veit kven Sonen er, utan Faderen, og ingen veit kven Faderen er, utan Sonen og den som Sonen vil openberra det for.»

23 Då dei var åleine, vende han seg til læresveinane og sa: «Sæle dei auga som ser det de ser!

24 For eg seier dykk: Mange profetar og kongar ville gjerne sjå det som de ser, men fekk ikkje sjå, og høyra det som de høyrer, men fekk ikkje høyra.»

### **Den miskunnsame samaritanen**

25 Då steig det fram ein lovkunnig. Han ville setja Jesus på prøve og sa: «Meister, kva skal eg gjera så eg kan arva evig liv?»

26 «Kva står skrive i lova?» sa Jesus. «Korleis les du?»

27 Han svara: «Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av all di makt og av alt ditt vit, og elska nesten din som deg sjølv.»

28 Då sa Jesus: «Du svara rett. Gjer det, så skal du leva.»

29 Men mannen ville gjera seg rettferdig og spurde: «Kven er så nesten min?»

30 Jesus tok dette opp og sa: «Ein mann var på veg frå Jerusalem ned til Jeriko. Då fall han i hendene på røvarar. Dei reiv av han kleda og skamslo han, så gjekk dei sin veg og lét han liggja der halvdød.

**31**Så hende det at ein prest kom same vegen. Han såg mannen, men gjekk utanom og forbi.

**32** Det same gjorde ein levitt; han kom dit, såg mannen og gjekk rett forbi.

**33** Ein samaritan som var ute på reise, kom òg den vegen. Og då han fekk sjå mannen, fekk han inderleg medkjensle med han.

**34**Han gjekk bort til mannen, helte olje og vin på såra hans og la forbinding på dei. Så lyfte han mannen opp på eselet sitt og førte han til eit herberge og stelte vel med han.

**35**Morgonen etter tok han fram to denarar, gav dei til verten og sa: 'Sørg vel for mannen, og må du leggja ut meir, skal du få det når eg kjem tilbake.'

**36**Kven av desse tre tykkjer du viste seg som ein neste for han som fall i hendene på røvarane?»

**37**«Den som viste miskunn mot han», svara den lovkunnige. Då sa Jesus: «Gå du og gjer som han.»

### **Jesus hos Marta og Maria**

**38** Medan dei var på veg, kom Jesus til ein landsby, og ei kvinne som heitte Marta, tok imot han {{i heimen sin.}}

**39**Ho hadde ei syster som heitte Maria, og Maria sette seg ved Herrens føter og lydde på orda hans.

**40**Men Marta hadde det så travelt med alt ho skulle stella til. Og ho gjekk bort til dei og sa: «Herre, bryr du deg ikkje om at syster mi lèt meg vera tenar åleine? Sei til henne at ho skal hjelpa meg.»

**41**Då svara Herren: «Marta, Marta! Du gjer deg strev og uro med mange ting.

**42** Men det er eitt som er nødvendig. Maria har valt den gode delen, og den skal ikkje takast frå henne.»

## **Lukas 11**

### **Jesus lærer læresveinane å be**

(Matt 6,9–15; 7,7–11)

- <sup>1</sup>Ein gong var han ein stad og bad. Då han var ferdig, sa ein av læresveinane til han: «Herre, lær oss å be, slik Johannes lærte sine læresveinar.»
- <sup>2</sup>Han svara: «Når de bed, skal de seia: Far! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma.
- <sup>3</sup>Gjev oss kvar dag vårt daglege brød.
- <sup>4</sup>Tilgjev oss våre synder, for vi òg tilgjev kvar den som står i skuld til oss. Og lat oss ikkje koma i freisting.»
- <sup>5</sup>Så sa han til dei: «Set at ein av dykk har ein ven og går til han midt på natta og seier: ‘Kjære, lån meg tre brød!’
- <sup>6</sup>Ein ven som er på reise, er komen til meg, og eg har ikkje noko å setja fram for han.’
- <sup>7</sup>Trur de at han då svarar der inne frå: ‘Uroa meg ikkje! Døra er alt stengd, og borna og eg er i seng. Eg kan ikkje stå opp og gje deg noko.’
- <sup>8</sup>Nei, seier eg dykk: Om han ikkje står opp og gjev han det for venskap skuld, så står han i det minste opp fordi han er så pågåande, og lèt han få alt han treng.
- <sup>9</sup>Og eg seier dykk: Be, så skal de få. Leit, så skal de finna. Bank på, så skal det latast opp for dykk.
- <sup>10</sup>For den som bed, han får. Den som leitar, han finn. Og den som bankar på, skal det latast opp for.
- <sup>11</sup>Finst det ein far mellom dykk som gjev son sin ein orm når han bed om fisk,
- <sup>12</sup>eller gjev han ein skorpion når han bed om egg?
- <sup>13</sup>Når då de som er vonde, veit å gje borna dykkar gode gåver, kor mykje meir skal ikkje då Far i himmelen gje Den heilage ande til dei som bed han!»

**Jesu makt over vonde ånder**  
(Matt 12,22–30.43–45; Mark 3,22–27)



- 14**Ein gong dreiv han ut ei vond ånd som var stum. Og då den vonde ånda hadde fare ut, tala han som hadde vore stum. Folket undra seg.
- 15** Men nokre av dei sa: «Det er ved hjelp av Beelsebul, herskaren over dei vonde åndene, at han driv dei vonde åndene ut.»
- 16** Andre ville setja han på prøve og kravde eit teikn frå himmelen av han.
- 17**Men Jesus visste kva dei tenkte, og sa til dei: «Kvart rike som kjem i strid med seg sjølv, blir lagt øyde, og hus på hus rasar saman.
- 18**Er no Satan komen i strid med seg sjølv, korleis kan då riket hans bli ståande? De seier då at det er ved Beelsebul eg driv ut dei vonde åndene.
- 19**Men er det ved Beelsebul eg driv ut dei vonde åndene, kven er det då dykkar eigne folk driv ut ånder ved? Difor skal dei dømma dykk.
- 20**Men er det med Guds finger eg driv ut dei vonde åndene, ja, då har Guds rike nådd fram til dykk.
- 21** Når den sterke med våpen i hand vaktar garden sin, får det han eig, vera i fred.
- 22** Men kjem det ein som er sterkare og vinn over han, då tek denne mannen våpna som den sterke sette si lit til, og deler ut byttet.
- 23** Den som ikkje er med meg, er imot meg. Og den som ikkje samlar med meg, han spreier.
- 24**Når ei urein ånd fer ut av eit menneske, flakkar ho over tørre vidder og leitar etter ein kvilestad, men finn ingen. Då seier ho: 'Eg vil fara attende til huset mitt, som eg flytte ifrå.'
- 25**Når ho kjem att, finn ho det feia og pynta.
- 26** Då fer ho av stad og får med seg sju andre ånder som er verre enn ho sjølv, og dei flytter inn og slår seg til der. Og det siste blir verre for dette mennesket enn det første.»
- 27** Då han sa dette, var det ei kvinne i folkehopen som ropa: «Sælt er det morsliv som bar deg, og brysta som du dia.»

**28** Men Jesus svara: «Sei heller: ‘Sæle er dei som høyrer Guds ord og tek vare på det.’»

### **Ei vond ætt krev teikn**

(Matt 12,38–42)

**29**Då no folket flokka seg om han, tok han atter til orde: «Denne slekta er ei vond slekt. Ho krev teikn, men ho skal ikkje få noko anna teikn enn Jona-teiknet.

**30**For slik Jona vart eit teikn for folket i Ninive, slik skal Menneskesonen bli det for denne slekta.

**31** Dronninga frå landet i sør skal stå fram ved dommen saman med mennene i denne slekta og dømma dei. For ho kom heilt frå ytste enden av jorda og ville høyra Salomos visdom. Og her er meir enn Salomo!

**32** Folk frå Ninive skal stå fram ved dommen saman med denne slekta og dømma henne. For dei vende om då Jona forkynte budskapet sin. Og her er meir enn Jona!

### **Lampa og auget**

(Matt 5,15; 6,22–23)

**33** Ingen tenner ei oljelampe og set henne i kjellaren eller under eit kar. Nei, han set lampa på haldaren, så dei som kjem inn, kan sjå lyset.

**34** Auget er kroppens lampe. Når auget ditt er friskt, er det fordi kroppen er fylt av lys. Men er auget ditt sjukt, er det fordi det er mørkt i kroppen.

**35**Sjå då til at lyset i deg ikkje er mørker!

**36**Er no alt i kroppen din lys og ingen del av han mørk, då blir alt lyst, som når ei lampe lyser på deg med strålane sine.»

### **Mot dei skriftlærde og farisearane**

(Matt 23,1–36)

**37**Då han hadde tala, spurde ein farisear om han ville eta heime hos han. Og Jesus gjekk inn og tok plass ved bordet.

**38** Farisearen undra seg då han såg at Jesus ikkje helte vatn over hendene før måltidet.

<sup>39</sup>Men Herren sa til han: «Ja, de farisearar, de reingjer utsida av skåler og fat, men på innsida er de griske og fulle av vondskap.

<sup>40</sup>Uvituge menneske! Han som har skapt det som er utvendig, har ikkje han skapt det som er innvendig òg?

<sup>41</sup> Gjev heller det de har i skålene og fata, som gåve til dei fattige. Då blir alt reint for dykk.

<sup>42</sup> Men ve dykk, farisearar! De gjev tiend av mynte, vinrute og alle slags grønsaker, men bryr dykk ikkje om rettferd og kjærleik til Gud. Det eine skulle gjerast og det andre ikkje vera ugjort.

<sup>43</sup> Ve dykk, farisearar! De elsker å sitja fremst i synagogane og vil gjerne at folk skal helsa dykk på torget.

<sup>44</sup> Ve dykk! De liknar graver som ikkje lenger er synlege; folk går på dei og ensar det ikkje.»

<sup>45</sup>Då tok ein av dei lovkunnige ordet og sa: «Meister, når du seier slikt, krenkjer du oss òg.»

<sup>46</sup>Men Jesus svara: «Ve dykk, de lovkunnige òg! De lesser på folk bærer som ikkje er til å bera, men sjølve rører de dei ikkje med ein finger.

<sup>47</sup>Ve dykk! De byggjer gravminne over profetane, dei som fedrane dykkar slo i hel.

<sup>48</sup>Slik er de vitne om det fedrane dykkar gjorde, og samtykkjer i det. For dei slo profetane i hel, og de byggjer gravminne.

<sup>49</sup> Difor har òg Guds visdom sagt: Eg vil senda profetar og apostlar til dei; somme skal dei slå i hel, andre skal dei forfølgja.

<sup>50</sup>Difor skal denne slekta få svara for blodet frå alle profetane, det som har runne frå verda vart grunnlagd,

<sup>51</sup> frå drapet på Abel til drapet på Sakarja, han som vart drepen mellom altaret og tempelet. Ja, seier eg dykk, denne slekta skal svara for det.

<sup>52</sup>Ve dykk lovkunnige! De har teke bort nøkkelen til kunnskapen. Sjølve gjekk de ikkje inn, og dei som ville gå inn, har de hindra.»

<sup>53</sup>Då Jesus gjekk ut derifrå, var dei skriftlærde og farisearane rasande og trengde seg inn på han med mange slags spørsmål.

<sup>54</sup> Dei vakta på han og prøvde å få han til å seia noko som dei kunne klaga han for.

## Lukas 12

### Modig vedkjenning

(Matt 10,26–33; 12,32; 10,19–20)

<sup>1</sup> I mellomtida hadde folket samla seg i tusental, så dei heldt på å trø kvarandre ned. Då tok Jesus til å tala, og han vende seg først til læresveinane: «Ta dykk i vare for surdeigen til farisearane, hykleriet deira!

<sup>2</sup>Ingenting er gøymt som ikkje skal fram i dagen, og ingenting er løynt som ikkje skal bli kjent.

<sup>3</sup>Difor skal det de seier i mørkret, bli høyrte i lyset, og det de kviskrar i einerom, skal ropast ut frå hustaka.

<sup>4</sup>Men til dykk, venene mine, seier eg: Ver ikkje redde dei som slår i hel kroppen, men sidan ikkje kan gjera meir.

<sup>5</sup>Eg skal visa dykk kven de skal frykta: De skal frykta han som kan slå i hel og sidan har makt til å kasta i helvete. Ja, seier eg dykk, han skal de frykta!

<sup>6</sup>Blir ikkje fem sporvar selde for eit par skilling? Og ikkje ein av dei er gløymd hos Gud.

<sup>7</sup>Ja, kvart hårstrå på hovudet dykkar er talt. Ver ikkje redde! De er meir verde enn mange sporvar.

<sup>8</sup>Det seier eg dykk: Kvar den som kjennest ved meg for menneska, skal òg Menneskesonen kjennast ved for Guds englar.

<sup>9</sup>Men den som fornektar meg for menneska, han skal òg bli fornekta for Guds englar.

<sup>10</sup> Og kvar den som seier eit ord mot Menneskesonen, skal få tilgjeving. Men den som spottar Den heilage ande, får ikkje tilgjeving.

<sup>11</sup> Når de må svara for dykk i synagogane og for dei som styrer og rår, ver då ikkje redde for korleis de skal forsvare dykk, eller kva de skal seia.

<sup>12</sup> For Den heilage ande skal læra dykk i same stund kva som må seiast.»

### **Likninga om den rike bonden**

<sup>13</sup>Ein i folkehopen sa til han: «Meister, sei til bror min at han skal skifta arven med meg!»

<sup>14</sup>Men Jesus svara: «Ven, kven har sett meg til å dømme eller skifta mellom dykk?»

<sup>15</sup> Så sa han til dei alle: «Ta dykk i vare for lysta til alltid å eiga meir! For det er ikkje det du eig, som gjev deg livet, om du har aldri så mykje.»

<sup>16</sup>Og han fortalde dei ei likning: «Det var ein rik mann. Jorda hans hadde bore god grøde,

<sup>17</sup>og han tenkte med seg: ‘Kva skal eg gjera? Eg har ikkje rom til grøda mi.

<sup>18</sup>Jau, slik vil eg gjera: Eg vil riva ned uthusa mine og byggja dei større, og der vil eg samla kornet og alt eg elles eig.

<sup>19</sup>Og så vil eg seia til meg sjølv: No har du mykje godt liggjande, nok for mange år. Unn deg ro, mi sjel, et, drikk og ver glad!’

<sup>20</sup> Men Gud sa til han: ‘Uvituge menneske! I denne natt blir sjela di kravd tilbake. Kven skal då ha det du har samla?’

<sup>21</sup>Slik går det med den som samlar skattar til seg sjølv og ikkje er rik i Gud.»

### **Ver ikkje urolege**

(Matt 6,25–33.20–21)

<sup>22</sup> Han sa til læresveinane: «Difor seier eg dykk: Ver ikkje urolege for livet, kva de skal eta, eller for kroppen, kva de skal kle dykk med.

<sup>23</sup>Livet er meir enn maten og kroppen meir enn kleda.

<sup>24</sup> Sjø på ramnane! Dei sår ikkje og haustar ikkje, dei har verken matbu eller låve, men Gud før dei likevel. Kor mykje meir er ikkje de enn fuglane!

<sup>25</sup> Kven av dykk kan med all si uro leggja ei alen til si livslengd?

<sup>26</sup> Når de ikkje eingong maktar så lite, kvifor er de då urolege for alt det andre?

<sup>27</sup> Sjø på liljene, korleis dei veks! Dei strevar ikkje og spinn ikkje, men eg seier dykk: Ikkje eingong Salomo i all sin herlegdom var kledd som ei av dei.

<sup>28</sup> Når Gud kler graset så fint, det som veks på marka i dag og blir kasta i omnen i morgon, kor mykje meir skal han ikkje då kle dykk – de lite truande!

<sup>29</sup> Ver ikkje urolege, og tenk ikkje heile tida på kva de skal eta og kva de skal drikka.

<sup>30</sup> For alt dette er heidningane i verda opptekne av. Men Far dykkar veit at de treng dette.

<sup>31</sup> Søk heller hans rike, så skal de få dette i tillegg.

<sup>32</sup> Ver ikkje redd, du vesle flokk! For det er Far dykkars gode vilje å gje dykk riket.

<sup>33</sup> Sel det de eig, og gjev gåver til dei fattige. Få dykk pengepungar som ikkje kan slitast ut, ein uforgjengeleg skatt i himmelen, der tjuvar ikkje kjem til og møll ikkje øydelegg.

<sup>34</sup> For der skatten dykkar er, vil hjartet dykkar òg vera.

### **Ver førebudde når Menneskesonen kjem**

(Matt 24,43–51)

<sup>35</sup> Spenn beltet om livet og lat lampene brenna!

<sup>36</sup> Ver lik tenarar som ventar herren sin heim frå bryllaupsfest og står ferdige til å opna så snart han kjem og bankar på.

<sup>37</sup> Lukkelege er dei tenarane som herren finn vakne når han kjem! Sanneleg, eg seier dykk: Han skal binda opp kjortelen, føra dei til bords og sjølv gå fram og tena dei.

38 Ja, lukkelege er dei som han finn vakne, sjølv om han ikkje kjem før i andre eller tredje nattevakta!

39 Men det skal de vita: Dersom husherren visste kva time tjuven kom, ville han ikkje la han bryta seg inn i huset.

40 Så ver førebudde, de òg! For Menneskesonen kjem i ein time de ikkje ventar det.»

41 Då spurde Peter: «Herre, er det oss du siktar til med denne likninga, eller gjeld ho for alle?»

42 Herren svara: «Kven er den trufaste og kloke hushaldaren, den som herren set over tenestefolket sitt så han skal gje dei mat i rette tid?

43 Lukkeleg er den tenaren som herren finn i arbeid med dette når han kjem tilbake!

44 Sanneleg, eg seier dykk: Herren skal setja han over alt det han eig.

45 Men set at tenaren seier med seg: ‘Det tek nok endå ei stund før herren min kjem’, og han så tek til å slå tenestegutane og tenestejentene og eta og drikk til han blir full.

46 Då skal herren hans koma ein dag han ikkje ventar og ein time han ikkje veit om, og hogga han ned og la han få dela lagnad med dei vantruande.

47 Den tenaren som veit kva herren hans vil, og likevel ikkje steller i stand eller gjer det herren vil, han skal få mange slag.

48 Men den som ikkje veit det og gjer det som fortener slag, han skal sleppa med færre. Den som mykje har fått, av han blir det venta mykje. Og den som mykje er tiltrudd, av han skal det krevjast dess meir.

### **Ikkje fred, men strid**

(Matt 10,34–36)

49 Eg er komen for å kasta eld på jorda. Kor gjerne eg ville at brannen alt var tend!

50 Ein dåp må eg døypast med. Kor det tyngjer meg til han er fullført!

<sup>51</sup>Trur de eg er komen for å skapa fred på jorda? Nei, seier eg, ikkje fred, men strid.

<sup>52</sup>Er det fem i ein heim, skal dei heretter liggja i strid med kvarandre: tre mot to og to mot tre,

<sup>53</sup> far skal stå mot son og son mot far, mor mot dotter og dotter mot mor, svigermor mot svigerdotter og svigerdotter mot svigermor.»

**Å tyda tida**  
(Matt 16,2–3; 5,25–26)

<sup>54</sup>Til folket sa han: «Når de ser at det skyar til i vest, seier de straks: ‘No kjem det regn’, og det går slik.

<sup>55</sup>Og når de merkar at det blæs frå sør, seier de: ‘No blir det varmt’, og det går slik.

<sup>56</sup>Hyklarar! Det de ser på jorda og himmelen, veit de å tyda. Kvifor kan de ikkje då tyda denne tida?

<sup>57</sup>Og kvifor dømmer de ikkje ut frå dykk sjølve om kva som er rett?

<sup>58</sup>Når du går til domstolen med motparten din, skal du gjera det du kan for å bli samd med han medan de enno er på vegen. Elles dreg han deg for dommaren, og dommaren sender deg til innkrevjaren, og innkrevjaren kastar deg i fengsel.

<sup>59</sup>Eg seier deg: Du slepp ikkje ut att før du har betalt til siste øre.»

## Lukas 13

### Vend om

<sup>1</sup>På den tida kom det nokre til han og fortalde om dei galilearane som Pilatus hadde drepe medan dei ofra, så blodet deira blanda seg med blodet frå offerdyra.

<sup>2</sup>Då tok Jesus til orde: «Trur de at desse var større syndarar enn alle andre galilearar, sidan det gjekk så ille med dei?

<sup>3</sup>Nei, seier eg. Men vender de ikkje om, skal de alle omkoma på same måten.



<sup>4</sup>Eller dei atten som vart drepne då Siloa-tårnet rasa saman, trur de at dei hadde større skuld enn alle dei andre som bur i Jerusalem?

<sup>5</sup>Nei, seier eg. Men vender de ikkje om, skal de alle omkoma på same vis.»

#### **Fikentreet som ikkje bar frukt**

<sup>6</sup>Så fortalde han denne likninga: «Ein mann hadde eit fikentre som var planta i vingarden hans. Men då han kom og såg etter frukt på det, fann han ikkje noko.

<sup>7</sup>Då sa han til gartnaren: 'No er det tredje året eg kjem og leitar etter frukt på dette fikentreet og ikkje finn noko. Hogg det ned! Kvifor skal det stå der og arma ut jorda?'

<sup>8</sup>'Herre, lat det få stå dette året òg', svara gartnaren, 'så skal eg grava kring det og gjødsla det;

<sup>9</sup>kan henda ber det neste år. Gjer det ikkje det, får du hogga det ned.'»

#### **Jesus lækjer ei kvinne på sabbaten**

<sup>10</sup>Ein sabbat underviste han i ein av synagogane.

<sup>11</sup>Der var det ei kvinne som hadde vore plaga av ei sjukdomsånd i atten år. Ho gjekk krokryggja og kunne ikkje retta seg opp.

<sup>12</sup>Då Jesus fekk sjå henne, kalla han henne til seg og sa: «Kvinne, du er løyst frå sjukdomen din.»

<sup>13</sup>Han la hendene på henne, og med ein gong rette ho seg opp og lova Gud.

<sup>14</sup>Men synagogeforstandaren vart forarga fordi Jesus lækte på sabbaten, og han sa til dei som var samla: «Det er seks dagar til å arbeida på. Då kan de koma og la dykk lækja, men ikkje på sabbaten.»

<sup>15</sup>«Hyklarar», svara Herren. «Løyser ikkje kvar ein av dykk oksen eller eselet av båsen på sabbaten og leier dei ut så dei får drikka?

<sup>16</sup>Men her er ei Abrahams dotter som Satan har halde bunden i heile atten år, skulle ikkje ho kunna løysast av det bandet på ein sabbat?»



<sup>17</sup>Då han sa dette, måtte dei skjemmast, alle motstandarane hans. Men alle dei som var samla, gledde seg over alt det underfulle han gjorde.

### **Likningane om sennepsfrøet og surdeigen**

(Matt 13,31–33; Mark 4,30–32)

<sup>18</sup>Så sa han: «Kva er Guds rike likt? Kva skal eg samanlikna det med?

<sup>19</sup> Det er likt eit sennepsfrø som ein mann tok og sådde i hagen sin. Det voks og vart til eit tre, og fuglane under himmelen bygde reir i greinene på det.»

<sup>20</sup>Og igjen sa han: «Kva skal eg samanlikna Guds rike med?

<sup>21</sup> Det er likt ein surdeig som ei kvinne la inn i tre mål mjøl til alt var gjennomsyra.»

### **Den tronge døra**

(Matt 7,13–14.21–23)

<sup>22</sup> Medan han var på veg til Jerusalem, drog han omkring frå by til by og frå landsby til landsby og underviste.

<sup>23</sup>Då var det ein som spurde: «Herre, er det få som blir frelste?» Han sa til dei:

<sup>24</sup> «Kjemp for å koma inn gjennom den tronge døra! Mange, seier eg dykk, skal freista å koma inn, men ikkje greia det.

<sup>25</sup> Når husherren først har reist seg og stengt døra og de står utanfor og bankar på og seier: ‘Herre, lat opp for oss’, då skal han svara: ‘Eg veit ikkje kvar de er ifrå.’

<sup>26</sup>Då kjem de til å seia: ‘Vi har ete og drukke i lag med deg, og du underviste på gatene våre.’

<sup>27</sup> Men han skal svara: ‘Eg veit ikkje kvar de er ifrå. Gå bort frå meg, alle de som gjer urett!’

<sup>28</sup> Og de skal gråta og skjera tenner når de får sjå Abraham og Isak og Jakob og alle profetane i Guds rike medan de sjølve er kasta utanfor.

<sup>29</sup>Frå aust og vest og frå nord og sør skal menneske koma og sitja til bords i Guds rike.

**30** Då skal nokre som er dei siste, bli dei første, og nokre som er dei første, bli dei siste.»

### Jesus og Herodes

**31** I same stunda kom det nokre farisearar og sa til han: «Du må koma deg bort herifrå. Herodes har tenkt å drepa deg.»

**32** Men han svara: «Gå og sei til den reven: I dag og i morgon driv eg ut vonde ånder og gjer sjuke friske att, og tredje dagen er eg ved målet.

**33** Men i dag og i morgon og endå ein dag må eg vandra vidare, for ein profet kan ikkje mista livet nokon annan stad enn i Jerusalem.

### Klage over Jerusalem

(Matt 23,37–39)

**34** Jerusalem, Jerusalem, du som slår i hel profetane og steinar dei som er sende til deg! Kor ofte ville eg ikkje samla borna dine som ei høne samlar kyllingane under vengene sine. Men de ville ikkje.

**35** Så høyr: Huset dykkar skal bli forlate! Eg seier dykk: De skal ikkje sjå meg før den dagen de seier: ‘Velsigna er han som kjem i Herrens namn!’»

## Lukas 14

### Å lækja på sabbaten

**1** Ein gong var Jesus beden til å eta hos ein farisear som var medlem av Rådet. Det var sabbat, og dei heldt auge med han.

**2** Då stod det framfor han ein mann som leid av vatn i kroppen.

**3** Jesus spurde dei lov-kunnige og farisearane: «Er det tillate å lækja på sabbaten, eller er det ikkje?»

**4** Dei tagde. Då rørte han ved mannen, gjorde han frisk og lét han gå.

**5** Så sa han til dei: «Dersom ein av dykk har ein son eller ein okse som dett i brønnen, dreg de han ikkje straks opp, endå om det er sabbat?»

**6** Dei kunne ikkje svara på dette.

**Den som set seg sjølv lågt, skal setjast høgt**

<sup>7</sup> Då han la merke til korleis gjestene valde seg ut dei øvste plassane ved bordet, sa han til dei i ei likning:

<sup>8</sup> «Når du blir beden i gjestebod, så ta ikkje plass øvst ved bordet. For det kan henda at ein som står høgare enn du, er beden,

<sup>9</sup> og at verten som bad dykk begge, kjem og seier til deg: ‘Gjev rom for denne gjesten!’ Då må du ta plass nedst og skjemmast.

<sup>10</sup> Nei, når du er beden ein stad, så gå og ta plass nedst ved bordet. Så kan verten seia til deg når han kjem: ‘Flytt deg høgare opp, venen min.’ Då får du ære medan alle gjestene ser på.

<sup>11</sup> For kvar den som set seg sjølv høgt, skal setjast lågt, og den som set seg sjølv lågt, skal setjast høgt.»

<sup>12</sup> Han sa òg eit ord til verten: «Når du vil halda gjestebod til middag eller kvelds, så be ikkje vener, sysken, slektningar eller rike naboar. For dei kjem til å be deg att, og dermed får du gjengjeld.

<sup>13</sup> Nei, når du vil halda gjestebod, så be fattige, uføre, lamme og blinde.

<sup>14</sup> Då blir du lukkeleg, for dei har ikkje noko å gje deg att. Men du skal få løn for dette når dei rettferdige står opp frå dei døde.»

### **Det store gjestebodet**

(Matt 22,1–10)

<sup>15</sup> Ein av gjestene som hørde dette, sa til han: «Sæl er den som får sitja til bords i Guds rike.»

<sup>16</sup> Men Jesus sa til han: «Det var ein mann som ville halda eit stort gjestebod og bad mange.

<sup>17</sup> Då tida for gjestebodet kom, sende han tenaren sin i veg for å seia til dei bedne: ‘Kom, for no er alt ferdig!’

<sup>18</sup> Men dei kom med orsakingar, alle som ein. Den eine sa: ‘Eg har kjøpt eit jordstykke og må ut og sjå på det. Du må gjera vel og orsaka meg.’

<sup>19</sup> Ein annan sa: ‘Eg har kjøpt meg fem par oksar, og no skal eg av stad og prøva dei. Du må gjera vel og orsaka meg.’

<sup>20</sup> Endå ein annan sa: ‘Eg har gift meg, difor kan eg ikkje koma.’<sup>21</sup> Tenaren kom att og fortalde dette til herren sin. Då vart husherren sint og sa til han: ‘Gå straks ut på gater og torg i byen og hent inn fattige og uføre, blinde og lamme.’

<sup>22</sup>Tenaren kom att og sa: ‘Herre, eg har gjort som du sa, men det er enno rom.’

<sup>23</sup> Då sa herren til tenaren: ‘Gå ut på vegane og stigane og nøyd folk til å koma inn, så huset mitt blir fullt.

<sup>24</sup>For det seier eg dykk: Ingen av dei som var bedne, skal få smaka festmåltidet mitt.’»

### **Kva det kostar å vera ein læresvein**

(Matt 10,37–38)

<sup>25</sup>Store skarar følgde med Jesus. Han snudde seg til dei og sa:

<sup>26</sup> «Om nokon kjem til meg utan å setja dette høgare enn far og mor, kone og born, brør og systrer, ja, høgare enn sitt eige liv, kan han ikkje vera min læresvein.

<sup>27</sup> Den som ikkje ber krossen sin og følgjer etter meg, kan ikkje vera min læresvein.

<sup>28</sup>Vil ein av dykk byggja eit tårn, set han seg ikkje då først ned og reknar etter kva det vil kosta, for å sjå om han har råd til å fullføra det?

<sup>29</sup>For har han lagt grunnmuren og ikkje maktar å gjera tårnet ferdig, då vil alle som ser det, gjera narr av han

<sup>30</sup>og seia: ‘Denne mannen gjekk i gang med å byggja, men han greidde ikkje å fullføra det.’

<sup>31</sup>Eller om ein konge vil dra i krig mot ein annan konge, set han seg ikkje då først ned og tenkjer etter om han med sine ti tusen mann er sterk nok til å møta den andre, som kjem mot han med tjue tusen?

<sup>32</sup>Og er han ikkje sterk nok, sender han menn av stad og bed om fred medan fienden enno er langt borte.

<sup>33</sup>Slik kan ingen av dykk vera min læresvein utan at han seier frå seg alt han eig.

<sup>34</sup> Salt er ein god ting. Men mistar saltet òg si kraft, korleis kan ein då gjera det salt att?

<sup>35</sup> Det duger verken i jord eller gjødsel, dei kastar det ut. Den som har øyre å høyra med, høyr!»

## Lukas 15

### Likningane om sauene, mynten og sønene

(Kap. 15)

<sup>1</sup> Alle tollarane og syndarane heldt seg nær ved Jesus og høyrde på han.

<sup>2</sup> Men farisearane og dei skriftlærde murra og sa seg imellom: «Denne mannen tek imot syndarar og et i lag med dei.»

<sup>3</sup> Då fortalde han dei denne likninga:

#### Sauen som vart atfunnen

(Matt 18,12–14)

<sup>4</sup> «Om ein av dykk har hundre sauer og mistar éin av dei, lèt han ikkje då dei nittini vera att ute i øydemarka og går av stad og leitar etter den bortkomne sauene til han finn han?

<sup>5</sup> Og når han har funne han, blir han glad og tek han på akslene sine.

<sup>6</sup> Straks han kjem heim, kallar han saman vener og naboar og seier til dei: ‘Gled dykk med meg! Eg har funne att den sauene som var bortkomen.’

<sup>7</sup> Eg seier dykk: På same måten er det større glede i himmelen over éin syndar som vender om, enn over nittini rettferdige som ikkje treng omvending.

#### Sølvpengen som vart atfunnen

<sup>8</sup> Eller om ei kvinne har ti sølvpenningar og mistar éin, tenner ho ikkje då ei lampe og sopar heile huset og leitar vel til ho finn han?

<sup>9</sup> Og når ho har funne han, kallar ho saman veninner og nabokoner og seier: ‘Gled dykk med meg! Eg har funne att det pengestykket eg hadde mista.’

<sup>10</sup>På same måten, seier eg dykk, blir det glede mellom Guds englar over éin syndar som vender om.»

### Sonen som kom heim

<sup>11</sup>Jesus sa: «Ein mann hadde to søner.

<sup>12</sup>Den yngste sa til far sin: ‘Far, lat meg få den delen av formuen som fell på meg.’ Så skifte han eigedommen sin mellom dei.

<sup>13</sup>Ikkje mange dagane etter selde den yngste sonen alt det han eigde, og drog til eit land langt borte. Der levde han eit vilt liv og sløste bort formuen sin.

<sup>14</sup>Då han hadde sett alt over styr, vart det uår og svolt i landet, og han tok til å lida naud.

<sup>15</sup>Han gjekk då til ein av mennene der i landet og bad om arbeid, og mannen sende han ut på markene sine for å gjeta grisene.

<sup>16</sup>Han ønskte berre å få metta seg med dei belgfruktene som grisene åt, men ingen gav han noko.

<sup>17</sup>Då gjekk han i seg sjølv og sa: ‘Kor mange leigekarar heime hos far min har ikkje fullt opp av mat, og her går eg og svelt i hel!

<sup>18</sup>Eg vil bryta opp og gå heim til far min og seia: Far, eg har synda mot Himmelen og mot deg.

<sup>19</sup>Eg er ikkje verd å kallast son din lenger. Men lat meg få vera som ein av leigekarane dine.’

<sup>20</sup>Så braut han opp og gjekk heim til far sin. Medan han endå var langt borte, fekk faren sjå han, og han fekk inderleg medkjensle med han. Han sprang imot han, kasta seg om halsen på han og kyste han.

<sup>21</sup>Då sa sonen: ‘Far, eg har synda mot Himmelen og mot deg. Eg er ikkje verd å kallast son din lenger.’

<sup>22</sup>Men faren sa til tenarane: ‘Skund dykk! Finn fram dei beste kledda og ha dei på han, og lat han få ring på fingeren og skor på føtene.

<sup>23</sup>Hent så gjøkalven og slakt han, og lat oss halda måltid og feira.

<sup>24</sup> For denne sonen min var død og har vorte levande, han var bortkomen og er attfunnen.’ Og så tok festen og gleda til.

<sup>25</sup> Den eldste sonen var ute på marka. Då han gjekk heimover og nærma seg garden, hørde han spel og dans.

<sup>26</sup> Han ropa på ein av karane og spurde kva som stod på.

<sup>27</sup> ‘Bror din er komen’, svara han, ‘og far din har slakta gjøkalven fordi han fekk han velberga heim att.’

<sup>28</sup> Då vart han sint og ville ikkje gå inn. Far hans kom ut og prøvde å overtala han.

<sup>29</sup> Men han svara attende: ‘No har eg tent deg i alle år og aldri sett meg opp mot dine bod. Men meg har du ikkje gjeve så mykje som eit kje, så eg kunne halda fest saman med venene mine.

<sup>30</sup> Men når han kjem heim, denne son din som har sløst bort pengane dine i lag med horer, då slaktar du gjøkalven for han!’

<sup>31</sup> Då sa far hans: ‘Du er alltid hos meg, barnet mitt, og alt mitt er ditt.

<sup>32</sup> Men no må vi halda fest og vera glade. For denne bror din var død og har vorte levande, han var bortkomen og er attfunnen.’»

## Lukas 16

### Likninga om forvaltaren som handla klokt

<sup>1</sup> Jesus sa til læresveinane: «Det var ein rik mann som hadde ein forvaltar. Og folk kom til han og sa at denne forvaltaren sløste bort formuen hans.

<sup>2</sup> Då kalla han forvaltaren til seg og sa: ‘Kva er det eg høyrer om deg? Legg fram rekneskap for drifta, for du kan ikkje lenger vera forvaltar hos meg.’

<sup>3</sup> Mannen tenkte: ‘Kva skal eg gjera no når herren min tek tenesta ifrå meg? Å grava har eg ikkje krefter til, tigga skjemmest eg ved.

<sup>4</sup> Jau, eg veit kva eg må gjera for at folk skal ta imot meg i heimane sine når eg blir avsett.’



<sup>5</sup>Så kalla han til seg dei som stod i skuld til herren hans, ein for ein. Til den første sa han: ‘Kor mykje er du skuldig herren min?’

<sup>6</sup>‘Hundre fat olje’, svara han. ‘Her er skuldbrevet ditt’, sa forvaltaren, ‘set deg ned med ein gong og skriv femti.’

<sup>7</sup>Så spurde han den neste: ‘Og du, kor mykje skuldar du?’ ‘Hundre tønner kveite’, svara han. ‘Her er skuldbrevet ditt, skriv åtti’, sa forvaltaren.

<sup>8</sup>Herren rosa den uheiderlege forvaltaren fordi han hadde handla klokt. For born av denne verda steller seg klokare med kvarandre enn det born av lyset gjer.

<sup>9</sup>Og eg seier dykk: Bruk den uheiderlege Mammon til å vinna dykk vener som kan ta imot dykk i dei evige heimane når pengane tek slutt.

<sup>10</sup>Den som er tru i smått, er òg tru i stort, og den som er uærleg i smått, er òg uærleg i stort.

<sup>11</sup>Er de ikkje tru når det gjeld den uheiderlege Mammon, kven vil då tru på dykk og gje dykk det som verkeleg er verdt noko?

<sup>12</sup>Og viser de ikkje truskap med det som høyrer andre til, kven vil då gje dykk noko de sjølve kan eiga?

<sup>13</sup>Ein slave kan ikkje tena to herrar. Han vil hata den eine og elska den andre eller halda seg til den eine og forakta den andre. De kan ikkje tena både Gud og Mammon.»

### **Lova og Guds rike**

(Matt 11,12–13)

<sup>14</sup>Alt dette høyrde farisearane, og pengekjære som dei var, spotta dei Jesus.

<sup>15</sup>Då sa han til dei: «De vil gjerne vera rettferdige i menneskeauge, men Gud kjenner hjarta dykkar. Det som menneske set høgt, er ein styggedom i Guds auge.

<sup>16</sup>Lova og profetane hadde si tid til Johannes kom. Frå den tid er den gode budskapen om Guds rike forkynt, og alle trengjer på for å koma inn.

<sup>17</sup>Før skal himmel og jord forgå, før ein einaste prikk i lova fell bort.

**18** Den som skil seg frå kona si og gifter seg med ei anna kvinne, bryt ekteskapet. Og den som gifter seg med ei fråskild kvinne, bryt ekteskapet.

### **Likninga om den rike mannen og Lasarus**

**19** Det var ein rik mann som kledde seg i purpur og fint lin og levde i fest og prakt dag etter dag.

**20** Men ein fattig mann som heitte Lasarus, låg utanfor porten hans, full av verkjesår.

**21** Han ønskte berre å få metta seg med det som fall frå bordet til rikmannen. Hundane kom endåtil og slikka såra hans.

**22** Så hende det at den fattige døydde, og englane bar han til Abrahams fang. Den rike døydde òg, og vart gravlagd.

**23** Då han slo opp auga i dødsriket der han var i pine, såg han Abraham langt borte og Lasarus tett inntil han.

**24** Då ropa han: 'Far Abraham, miskunna deg over meg! Send Lasarus hit så han kan dyppa fingertuppen i vatn og kjøla tunga mi. For eg lid så vondt i denne elden.'

**25** Abraham svara: 'Kom i hug, barnet mitt, at du fekk alt det gode medan du levde, og Lasarus like eins det vonde. No blir han trøysta her, medan du lid vondt.

**26** Dessutan er det lagt ein avgrunn mellom oss og dykk, slik at dei som vil koma herifrå og over til dykk, ikkje skal kunna det, og ingen kan koma frå dykk og over til oss.'

**27** Då sa den rike: 'Så bed eg deg, far, at du sender han til heimen min.

**28** Eg har fem brør. Lat han åtvare dei, så ikkje dei òg skal koma til denne pinestaden.'

**29** Men Abraham sa: 'Dei har Moses og profetane, dei kan høyra på dei.'

**30** 'Nei, far Abraham', svara han, 'men kjem det nokon til dei frå dei døde, då vender dei om.'

**31** Då sa Abraham: ‘Høyrer dei ikkje på Moses og profetane, så vil dei heller ikkje la seg overtyda om nokon står opp frå dei døde.’»

## Lukas 17

### Forføring og tilgjeving

(Matt 18,6–7.21–22; Mark 9,42)

**1**Han sa til læresveinane sine: «Det må koma forføringar, noko anna er ikkje råd. Men ve den som forføringane kjem ifrå!

**2**Det var betre for han å bli kasta i havet med ein møllestein om halsen enn at han skulle lokka ein av desse små til fall.

**3**Ta dykk i vare! Syndar bror din, så tal han til rette, og angrar han, så tilgjev han.

**4**Ja, om han syndar mot deg sju gonger same dagen og sju gonger kjem til deg og seier: ‘Eg angrar’, så skal du tilgje han.»

### Tru og teneste

**5**Apostlane sa til Herren: «Gjev oss større tru!»

**6** Herren svara: «Hadde de tru som eit sennepsfrø, kunne de seia til dette morbærtreet: ‘Rykk deg opp og slå rot i havet!’ Og det skulle lyda dykk.

**7**Om ein av dykk har ein tenar som er ute og pløyer eller gjeter, seier han då til tenaren når han kjem heim frå marka: ‘Kom no og set deg til bords?’

**8**Nei, han vil seia: ‘Lag til kveldsmat, bind opp kjortelen og stå til teneste for meg medan eg et og drikk. Sidan kan du sjølv få deg mat.’

**9**Takkar han tenaren for at han gjorde det han var pålagd?

**10** På same måten er det med dykk: Når de har gjort alt de var pålagde, skal de seia: ‘Vi er unyttige tenarar og har berre gjort det vi var skuldige å gjera.’»

### Den takksame samaritanen

**11** Medan Jesus var på vegen til Jerusalem, drog han gjennom grenselandet mellom Samaria og Galilea.

<sup>12</sup> Då han skulle gå inn i ein landsby, kom det ti spedalske menn imot han. Dei vart ståande langt unna

<sup>13</sup> og ropa: «Jesus, meister, miskunna deg over oss!»

<sup>14</sup> Han såg dei og sa: «Gå og vis dykk for prestane!» Og medan dei var på veg dit, vart dei reine.

<sup>15</sup>Ein av dei kom tilbake då han såg han hadde vorte frisk. Han lova Gud med høg røyst,

<sup>16</sup>kasta seg ned for Jesu føter med andletet mot jorda og takka han. Denne mannen var ein samaritan.

<sup>17</sup>Då sa Jesus: «Vart dei ikkje reine alle ti? Kvar er så dei ni?»

<sup>18</sup>Var det ingen annan enn denne framande som kom tilbake og ville gje Gud æra?»

<sup>19</sup> Og han sa til mannen: «Reis deg og gå! Trua di har frelst deg.»

### **Når Guds rike kjem**

(Matt 24,26–28.37–41)

<sup>20</sup> Ein gong spurde farisearane Jesus når Guds rike skulle koma. Han svara: «Guds rike kjem ikkje slik at ein kan sjå det med auga.

<sup>21</sup> Ingen kan seia: ‘Sjå her er det’ eller: ‘Der er det’. For Guds rike er midt iblant dykk.»

<sup>22</sup>Til læresveinane sa han: «Det kjem ei tid då de skal lengta etter å sjå ein av Menneskesonens dagar, men ikkje få oppleva det.

<sup>23</sup> Folk skal seia til dykk: ‘Sjå der’ eller: ‘Sjå, her er han’. Gå ikkje dit og spring ikkje etter dei!

<sup>24</sup>For slik lynet flammar opp og lyser frå himmelrand til himmelrand, slik skal Menneskesonen koma til syne på sin dag.

<sup>25</sup> Men først skal han lida mykje og bli forkasta av denne slekta.

<sup>26</sup> Og som det var i Noahs dagar, slik skal det vera i Menneskesonens dagar.

<sup>27</sup>Dei åt og drakk, dei gifte seg og vart bortgifte, heilt til den dagen då Noah gjekk inn i arka. Så kom storflaumen og gjorde ende på dei alle.

<sup>28</sup> Eller som det var i Lots dagar: Dei åt og drakk, dei kjøpte og selde, planta og bygde.

<sup>29</sup>Men den dagen Lot gjekk ut av Sodoma, regna det eld og svovel frå himmelen og gjorde ende på dei alle.

<sup>30</sup>På same vis skal det vera den dagen Menneskesonen openberrar seg.

<sup>31</sup> Når den dagen kjem, må den som er oppe på taket og har sakene sine nede i huset, ikkje gå ned og henta dei, og den som er ute på marka, må ikkje gå heim att.

<sup>32</sup> Kom i hug kona til Lot!

<sup>33</sup> Den som vil tryggja livet sitt, skal mista det. Men den som mistar det, skal berga det.

<sup>34</sup>Eg seier dykk: Den natta skal det liggja to i ei seng. Den eine skal hentast, den andre skal bli att.

<sup>35</sup>To kvinner skal mala på same kverna. Den eine skal hentast, den andre skal bli att.

<sup>36</sup> {{To menn skal vera ute på marka. Den eine blir henta, den andre skal bli att.}}»

<sup>37</sup> Då tok læresveinane til orde og spurde: «Kvar, Herre?» Han svara: «Der åtselet er, vil gribbane samlast.»

## Lukas 18

### Likninga om enkja og dommaren

<sup>1</sup> Han fortalde dei ei likning om at dei alltid skulle be og ikkje mista motet:

<sup>2</sup>«I ein by var det ein dommar som ikkje hadde ærefrykt for Gud og ikkje tok omsyn til noko menneske.

<sup>3</sup>I same byen var det ei enkje. Ho kom gong på gong til han og sa: ‘Hjelp meg i saka med motparten min, så eg kan få min rett.’

<sup>4</sup>Lenge ville han ikkje, men til slutt sa han med seg sjølv: ‘Endå eg verken har ærefrykt for Gud eller tek omsyn til noko menneske,

<sup>5</sup>vil eg hjelpa denne enkja til retten hennar, sidan ho plagar meg slik, elles endar det vel med at ho flyg like i synet på meg.’»

<sup>6</sup>Og Herren sa: «Høyr kva denne uærlege dommaren seier!

<sup>7</sup>Skulle så ikkje Gud hjelpa sine utvalde til retten deira, dei som ropar til han dag og natt? Er han sein til å hjelpa dei?

<sup>8</sup>Eg seier dykk: Han skal raskt sørgja for at dei får sin rett. Men når Menneskesonen kjem, skal han då finna trua på jorda?»

#### **Likninga om farisearen og tollaren**

<sup>9</sup>Til nokre som stolte på at dei sjølve var rettferdige, og såg ned på alle andre, fortalde Jesus denne likninga:

<sup>10</sup>«To menn gjekk opp til tempelet for å be. Den eine var farisear og den andre tollar.

<sup>11</sup>Farisearen stilte seg opp for seg sjølv og bad slik: ‘Eg takkar deg, Gud, fordi eg ikkje er som andre menneske, dei som svindlar, gjer urett og bryt ekteskapet, eller som den tollaren der.

<sup>12</sup> Eg fastar to gonger i veka og gjev tiend av alt eg tener.’

<sup>13</sup> Tollaren stod langt unna; han ville ikkje eingong lyfta auga mot himmelen, men slo seg for bringa og sa: ‘Gud, ver meg syndar nådig!’

<sup>14</sup> Eg seier dykk: Tollaren gjekk heim rettferdig for Gud, den andre ikkje. For kvar den som set seg sjølv høgt, skal setjast lågt, og den som set seg sjølv lågt, skal setjast høgt.»

#### **Jesus og borna**

(Matt 19,13–15; Mark 10,13–16)

<sup>15</sup>Dei bar òg spedborna til Jesus for at han skulle røra ved dei. Læresveinane såg det og ville visa dei bort.

<sup>16</sup>Men Jesus kalla dei til seg og sa: «Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til.

<sup>17</sup> Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.»

### **Jesus og den rike mannen**

(Matt 19,16–30; Mark 10,17–31)

<sup>18</sup> Ein som var medlem av Rådet, kom og spurde han: «Gode meister, kva skal eg gjera så eg kan arva evig liv?»

<sup>19</sup>Men Jesus sa til han: «Kvifor kallar du meg god? Ingen er god utan éin – det er Gud!

<sup>20</sup> Boda kjenner du: Du skal ikkje bryta ekteskapet, du skal ikkje slå i hel, du skal ikkje stela, du skal ikkje vitna falskt, du skal æra far din og mor di.»

<sup>21</sup>Han svara: «Alt dette har eg halde frå eg var ung.»

<sup>22</sup> Då Jesus hørde det, sa han: «Eitt manglar deg enno: Sel alt det du eig, og del ut til dei fattige. Då skal du få ein skatt i himmelen. Kom så og følg meg!»

<sup>23</sup>Mannen vart sorgfull då han hørde det, for han var svært rik.

<sup>24</sup> Jesus såg at han vart sorgfull, og sa: «Kor vanskeleg det er for dei som eig mykje, å koma inn i Guds rike!

<sup>25</sup>Det er lettare for ein kamel å gå gjennom eit nålauge enn for ein rik å koma inn i Guds rike.»

<sup>26</sup>«Kven kan då bli frelst?» spurde dei som hørde på.

<sup>27</sup> Han svara: «Det som er umogleg for menneske, er mogleg for Gud.»

<sup>28</sup> Då sa Peter: «Kva så med oss? Vi har gått ifrå alt vårt og følgd deg.»

<sup>29</sup>Jesus svara: «Sanneleg, eg seier dykk: Ingen har skilt seg med hus eller kone eller sysken eller foreldre eller born for Guds rike skuld

<sup>30</sup>utan at han skal få det att mangedobbelt i den tida som no er, og eit evig liv i den verda som kjem.»

### **Jesus talar tredje gongen om at han skal døy og stå opp att**

(Matt 20,17–19; Mark 10,32–34)

**31** Så tok han dei tolv til sides og sa til dei: «Sjå, vi dreg opp til Jerusalem, og alt som profetane har skrive om Menneskesonen, skal oppfyllest.

**32** Han skal gjevast over til heidningane og bli spotta og mishandla og spytta på,

**33** og dei skal piska han og slå han i hel. Og tredje dagen skal han stå opp att.»

**34** Men dei skjøna ikkje noko av dette. Det var løynt for dei, og dei forstod ikkje det han sa.

### **Den blinde mannen ved Jeriko**

(Matt 20,29–34; Mark 10,46–52)

**35**Då Jesus nærma seg Jeriko, sat det ein blind mann ved vegen og tigga.

**36**Mannen hørde at det var mykje folk på vegen, og spurde kva som stod på.

**37**Dei svara: «Det er Jesus frå Nasaret som kjem forbi.»

**38** Då ropa han: «Jesus, du Davids son, miskunna deg over meg!»

**39**Dei som gjekk føre, tala hardt til han og bad han teia, men han ropa berre endå høgare: «Du Davids son, miskunna deg over meg!»

**40**Jesus stansa og bad dei leia den blinde til han. Og då han kom nærare, spurde Jesus han:

**41**«Kva vil du eg skal gjera for deg?» «Herre, lat meg få synet att!» svara han.

**42** Jesus sa til han: «Du skal bli sjåande! Trua di har frelst deg.»

**43**Straks kunne han sjå, og han gav seg i følgje med Jesus og lova Gud. Og alt folket som såg det, prisa Gud.

## **Lukas 19**

### **Sakkeus**

**1**Så kom Jesus til Jeriko og drog gjennom byen.

**2** Der var det ein mann som heitte Sakkeus; han var overtollar og svært rik.



<sup>3</sup>Han ville gjerne sjå kven Jesus var, men kunne ikkje koma til for folkemengda, for han var liten av vekst.

<sup>4</sup>Difor sprang han i førevegen og klatra opp i eit morbærtre så han kunne få sjå han, for der kom han til å gå forbi.

<sup>5</sup>Då Jesus kom dit, såg han opp og sa til han: «Sakkeus, skund deg og kom ned! For i dag må eg ta inn i ditt hus.»

<sup>6</sup>Då skunda han seg ned og tok imot Jesus med glede.

<sup>7</sup>Men alle som såg det, murra og sa: «Han har teke inn hos ein syndig mann.»

<sup>8</sup>Men Sakkeus steig fram og sa til Herren: «Herre, halvparten av alt eg eig, gjev eg til dei fattige, og har eg truga pengar frå nokon, gjev eg fire gonger så mykje tilbake.»

<sup>9</sup>Då sa Jesus til han: «I dag er frelse komen til dette huset. For han er òg ein Abrahams son.

<sup>10</sup> For Menneskesonen er komen for å leita etter dei bortkomne og berga dei.»

### **Likninga om punda**

(Matt 25,14–30)

<sup>11</sup>Medan dei høyrde på dette, heldt Jesus fram og fortalde ei likning. For han var nær Jerusalem, og dei meinte at Guds rike straks skulle koma til syne.

<sup>12</sup> Han sa: «Ein mann av høg ætt ville fara til eit land langt borte. Der skulle han bli innsett som konge og så koma heim att.

<sup>13</sup> Han kalla til seg ti av tenarane sine, gav dei ti pund og sa til dei: ‘Driv handel med desse pengane til eg kjem att.’

<sup>14</sup> Men landsmennene hans hata han, og dei lét sendemenn fara av stad etter han og seia: ‘Vi vil ikkje ha denne mannen til konge over oss.’

<sup>15</sup>Då han no kom att som konge, kalla han til seg dei tenarane som hadde fått pengane, så han kunne få vita kor mykje dei hadde tent.

<sup>16</sup>Den første kom fram og sa: ‘Herre, det pundet du gav meg, har kasta av seg ti pund.’

**17** ‘Det er bra, du gode tenar’, sa kongen. ‘Fordi du har vore tru i lite, skal du få rå over ti byar.’

**18**Den andre kom og sa: ‘Herre, det pundet du gav meg, har gjeve fem pund.’

**19**Til han sa kongen: ‘Du skal rå over fem byar.’

**20**Men så kom det ein og sa: ‘Herre, sjå her er pundet ditt! Eg har hatt det liggjande i eit tørkle.’

**21**Eg var redd deg, for du er ein streng mann som tek ut det du ikkje har sett inn, og haustar det du ikkje har sådd.’

**22**Då sa kongen: ‘Etter dine eigne ord dømmer eg deg, du dårlege tenar! Du visste at eg er ein streng mann som tek ut det eg ikkje har sett inn, og haustar det eg ikkje har sådd.’

**23**Kvifor gav du ikkje pengane mine til ein som driv med utlån, så eg kunne få dei att med renter når eg kom heim?’

**24**Så sa han til dei som stod der: ‘Ta pundet frå han og gjev det til han som har ti frå før!’

**25**‘Herre, han har alt ti pund’, sa dei.

**26** ‘Ja, men eg seier dykk: Den som har, skal få, og den som ikkje har, skal bli fråteken sjølv det han har.’

**27**Men desse fiendane mine, dei som ikkje ville at eg skulle vera kongen deira, før dei hit og hogg dei ned for auga mine.’»

### **Jesus kjem til Jerusalem**

*(19,28–21,4)*

#### **Jesus rid inn i Jerusalem**

*(Matt 21,1–11; Mark 11,1–11; Joh 12,12–16)*

**28** Då Jesus hadde sagt dette, heldt han fram på vegen opp mot Jerusalem.

**29**Då han kom bort imot Betfage og Betania, ved den høgda som heiter Oljeberget, sende han to av læresveinane i veg

<sup>30</sup>og sa: «Gå bort i den landsbyen som ligg framfor dykk. Når de kjem dit, finn de ein eselfole som står bunden, og han har det aldri sete noko menneske på. Den skal de løysa og leia hit!

<sup>31</sup>Og er det nokon som spør: 'Kvifor løyser de folen?' skal de svara: 'Herren har bruk for han.'»

<sup>32</sup> Dei to gjekk av stad og fann det slik som han hadde sagt.

<sup>33</sup>Dei løyste folen, og dei som eigde han, spurde: «Kvifor løyser de folen?»

<sup>34</sup>Dei svara: «Herren har bruk for han.»

<sup>35</sup>Så leidde dei folen til Jesus, la kappene sine på han og lét Jesus setja seg oppå.

<sup>36</sup>Og der han reid fram, breidde folket kappene sine ut på vegen.

<sup>37</sup>Då han nærma seg skråninga ned frå Oljeberget, byrja heile mengda av læresveinar å lova Gud med høg røyst, glade som dei var, for alle dei mektige gjerningane dei hadde sett. Dei ropa:

<sup>38</sup> «Velsigna er han, kongen, som kjem i Herrens namn! Fred i himmelen og ære i det høgste!»

<sup>39</sup>Nokre farisearar i folkemengda sa til han: «Meister, tal læresveinane dine til rette!»

<sup>40</sup>Men han svara: «Eg seier dykk: Dersom dei teier, skal steinane ropa.»

### **Jesus græt over Jerusalem**

<sup>41</sup> Då Jesus kom nærare og såg Jerusalem, gret han over byen

<sup>42</sup>og sa: «Hadde du berre på denne dagen skjøna, du òg, kva som tener til fred! Men no er det gøymt for auga dine.

<sup>43</sup> Det skal koma dagar over deg då fiendane dine kastar ein voll opp rundt deg, kringset deg og trengjer deg frå alle kantar.

<sup>44</sup> Dei skal slå deg til jorda, og borna dine med deg, og det skal ikkje liggja att stein på stein i deg, fordi du ikkje skjøna at tida var komen då Herren gjesta deg.»

**Tempelet skal vera eit bønehus**  
(Matt 21,12–17; Mark 11,15–19; Joh 2,13–16)

<sup>45</sup> Så gjekk Jesus inn på tempelplassen, og der tok han til å jaga ut dei som dreiv handel.

<sup>46</sup> Og han sa til dei: «Det står skriva: Mitt hus skal vera eit bønehus. Men de har gjort det til ei røvarhøle.»

<sup>47</sup> Sidan var han kvar dag på tempelplassen og underviste. Overprestane og dei skriftlærde og dei fremste mennene i folket leita etter ein utveg til å ta livet av han.

<sup>48</sup> Men dei fann ikkje ut korleis dei skulle få det til, for alt folket heldt seg nær han og hørde på han.

## Lukas 20

**Jesu fullmakt**

(Matt 21,23–27; Mark 11,27–33)

<sup>1</sup> Ein dag då han underviste folket på tempelplassen og forkynte den gode budskapet, kom overprestane og dei skriftlærde saman med dei eldste

<sup>2</sup> og sa til han: «Sei oss: Kva rett har du til å gjera dette? Kven har gjeve deg denne fullmakta?»

<sup>3</sup> Jesus sa til dei: «Eg har òg eit spørsmål til dykk. Sei meg:

<sup>4</sup> Johannes-dåpen, var den frå himmelen eller frå menneske?»

<sup>5</sup> Dei samrødde seg med kvarandre og sa: «Svarar vi: ‘Frå himmelen’, vil han seia: ‘Kvifor trudde de han då ikkje?’

<sup>6</sup> Men svarar vi: ‘Frå menneske’, kjem alt folket til å steina oss, for dei trur fullt og fast at Johannes var ein profet.»

<sup>7</sup> Difor svara dei at dei ikkje visste kvar Johannes-dåpen var frå.

<sup>8</sup> Då sa Jesus til dei: «Så seier heller ikkje eg til dykk kva fullmakt eg har til å gjera dette.»

**Likninga om vinbøndene og arvingen**

(Matt 21,33–46; Mark 12,1–12)

<sup>9</sup> Så tok han til å tala til folket og fortalde dei denne likninga: «Ein mann planta ei vinmark og leigde henne bort til nokre vinbønder. Så drog han ut av landet og skulle vera lenge borte.

<sup>10</sup> Då tida kom, sende han ein tenar til bøndene for å få sin del av avlinga. Men dei skamslo han og lét han gå tomhendt bort.

<sup>11</sup> Då sende eigaren ein annan tenar, men dei skamslo han òg, spotta han og lét han gå tomhendt bort.

<sup>12</sup> Endå ein tredje sende han, men han òg slo dei til blods, og så kasta dei han ut.

<sup>13</sup> ‘Kva skal eg no gjera?’ tenkte eigaren av vingarden. ‘Jau, eg vil senda son min, som eg har så kjær. Han vil dei vel ha vørndnad for.’

<sup>14</sup> Men då vinbøndene fekk sjå sonen, samrødde dei seg med kvarandre og sa: ‘Der har vi arvingen! Lat oss slå han i hel, så blir arven vår.’

<sup>15</sup> Så kasta dei han ut av vingarden og slo han i hel. Kva skal så vingardsherren gjera med desse vinbøndene?

<sup>16</sup> Han skal koma og gjera ende på dei og la andre få vingarden.» Då sa dei som hørde på: «Det må aldri henda!»

<sup>17</sup> Men han såg på dei og sa: «Kva tyder då dette som står skrive: Steinen som bygningsmennene vraka, har vorte hjørnestein.

<sup>18</sup> Kvar den som fell mot denne steinen, skal bli sundslegen. Og den som steinen fell på, skal bli knust.»

<sup>19</sup> Dei skriftlærde og overprestane ville gjerne leggja hand på han med det same, for dei skjønna at det var dei han sikta til med denne likninga. Men dei torde ikkje for folket.

### **Er det rett å svara skatt til keisaren?**

(Matt 22,15–22; Mark 12,13–17)

<sup>20</sup> Sidan heldt dei auge med han og sende ut folk som skulle vakta på han. Dei skulle lata som dei var ærlege menn og prøva å gripa han på grunn av noko han sa, så dei kunne få gje han over i landshovdingens makt.

<sup>21</sup>Dei spurde han: «Meister, vi veit at du talar og lærer rett. Du gjer ikkje skilnad på folk, men lærer i sanning Guds veg.

<sup>22</sup>Sei oss: Er det rett av oss å betala skatt til keisaren, eller er det ikkje?»

<sup>23</sup>Men han merka baktankane deira og sa til dei:

<sup>24</sup> «Vis meg ein denar! Kven har biletet og namnet sitt på denne?» «Keisaren», svara dei.

<sup>25</sup> Då sa han til dei: «Så gjev då keisaren det som høyrer keisaren til, og Gud det som høyrer Gud til.»

<sup>26</sup>Dei greidde ikkje å setja han fast i noko av det han sa medan folket høyrde på; dei berre undra seg over svaret og tagde.

#### **Oppstoda frå dei døde**

(Matt 22,23–33; Mark 12,18–27)

<sup>27</sup> Så kom det nokre saddukearar til Jesus; det er dei som nektar for at det finst ei oppstode. Og dei la fram for han dette spørsmålet:

<sup>28</sup> «Meister, Moses har gjeve oss denne forskrifta: Om ein gift mann døyr og han ikkje har born, skal bror hans gifta seg med enkja og halda oppe ætta til bror sin.

<sup>29</sup>No var det sju brør. Den første tok seg ei kone, men døydde barnlaus.

<sup>30</sup>Så gifte den andre seg med henne,

<sup>31</sup>og så den tredje, og på same måten alle sju, men alle døydde dei barnlause.

<sup>32</sup>Til sist døydde kvinna òg.

<sup>33</sup>Når dei står opp att, kven av dei skal då ha henne til kone? Alle sju har dei vore gifte med henne.»

<sup>34</sup>Jesus sa til dei: «Menneske i denne verda gifter seg og blir bortgifte.

<sup>35</sup>Men dei som blir haldne verdige til å vera med i den komande verda og stå opp frå dei døde, dei verken gifter seg eller blir bortgifte.

<sup>36</sup> Dei kan ikkje døy meir. Dei er som englane, og dei er Guds born, for dei er born av oppstoda.

<sup>37</sup> Men at dei døde står opp, har Moses òg vist i forteljinga om klungeren, når han kallar Herren for Abrahams Gud og Isaks Gud og Jakobs Gud.

<sup>38</sup> Han er ikkje ein Gud for døde, men for levande. For dei lever alle for han.»

<sup>39</sup> Då sa nokre av dei skriftlærde: «Meister, du svara godt.»

<sup>40</sup> Sidan våga ingen å spørja han meir.

#### **Kven Messias er**

(Matt 22,41–46; Mark 12,35–37)

<sup>41</sup> Jesus spurde dei: «Korleis kan ein seia at Messias er Davids son?

<sup>42</sup> David seier då sjølv i Salmane: Herren sa til min herre: Set deg ved mi høgre hand

<sup>43</sup> til eg får lagt dine fiendar som skammel for dine føter.

<sup>44</sup> David kallar her Messias for herre, korleis kan han då vera Davids son?»

#### **Åtvaring mot dei skriftlærde**

(Mark 12,38–40)

<sup>45</sup> Medan heile folkemengda høyrde på, sa han til læresveinane:

<sup>46</sup> «Ta dykk i vare for dei skriftlærde! Dei vil gjerne gå omkring i lange kapper og likar å ta mot helsingar på torget, sitja fremst i synagogane og ha heidersplassane i gjestebod.

<sup>47</sup> Dei et enkjer ut av huset og held lange bøner for syns skuld. Dei skal få så mykje hardare dom.»

## **Lukas 21**

### **Den fattige enkja som gav**

(Mark 12,41–44)

<sup>1</sup> Jesus såg opp og fekk sjå at dei rike la gåvene sine i tempelkista.

<sup>2</sup> Han la òg merke til ei fattig enkje som gav to små koparmyntar.

<sup>3</sup> Og han sa: «Sanneleg, eg seier dykk: Denne fattige enkja har gjeve meir enn nokon av dei andre.

<sup>4</sup>For alle dei andre la gåver i kista av si overflod, men ho gav av sin fattigdom alt det ho hadde å leva av.»

### **Jesus talar om tidene som skal koma**

(21,5–38)

#### **Tempelet skal øydeleggjast**

(Matt 24,1–2; Mark 13,1–2)

<sup>5</sup>Det var nokre som snakka om tempelet, kor fint det var utsmykka med vakre steinar og tempelgåver. Då sa Jesus:

<sup>6</sup>«Det kjem ein dag då alt de ser her, skal rivast ned; det skal ikkje liggja att stein på stein.»

#### **Trengselstida tek til**

(Matt 24,3–14; Mark 13,3–13)

<sup>7</sup>Då spurde dei: «Meister, når skal dette henda, og kva er teiknet på at den tida er nær?»

<sup>8</sup>Han svara: «Ta dykk i vare så ingen fører dykk vill! For mange skal koma i mitt namn og seia: ‘Det er eg! Tida er nær!’ Følg dei ikkje!

<sup>9</sup>Og når de høyrer om krig og opprør, så lat dykk ikkje skremma! For først må dette henda, men enden kjem ikkje med ein gong.»

<sup>10</sup>Og han heldt fram: «Folk skal reisa seg mot folk og rike mot rike.

<sup>11</sup>Det skal koma store jordskjelv, og hungersnaud og pest på stad etter stad. Det skal henda redselsfulle ting og syna seg store teikn frå himmelen.

<sup>12</sup>Men før alt dette hender, skal dei leggja hand på dykk og forfølgja dykk, gje dykk over til synagogane og kasta dykk i fengsel, og for mitt namn skuld skal de førast fram for kongar og landshovdingar.

<sup>13</sup>Då skal de få vitna for dei.

<sup>14</sup>Legg dykk på hjartet at de ikkje treng tenkja ut på førehand korleis de skal forsvara dykk.

<sup>15</sup>For eg skal leggja orda i munnen på dykk og gje dykk visdom som ingen av motstandarane dykkar skal kunna stå seg imot eller seia imot.



<sup>16</sup> Jamvel foreldre og sysken, slektningar og vener skal svika dykk og senda nokre av dykk i døden.

<sup>17</sup>Og alle skal hata dykk for mitt namn skuld.

<sup>18</sup> Men ikkje eit hårstrå på hovudet skal de mista.

<sup>19</sup>Hald ut, så skal de vinna livet!

### **Jerusalem skal øydeleggjast**

(Matt 24,15–21; Mark 13,14–19)

<sup>20</sup>Når de ser Jerusalem kringsett av hærar, då skal de vita at byen snart blir øydelagd.

<sup>21</sup> Då må dei som er i Judea, rømme til fjells, dei som er i byen, må koma seg ut, og dei som er ute på landet, må ikkje gå inn i byen.

<sup>22</sup> For dette er straffedomens tid, då alt som står skrive, skal gå i oppfyljing.

<sup>23</sup> Ve dei som ventar barn og dei som gjev bryst i dei dagane! For det skal bli stor naud i landet, og vreide skal ramma dette folket.

<sup>24</sup> Dei skal falla for sverd og først bort som fangar til alle folkeslag. Og andre folk skal trakka Jerusalem under fot heilt til tida for heidningane er ute.

### **Når Menneskesonen kjem**

(Matt 24,29–31; Mark 13,24–27)

<sup>25</sup> Det skal syna seg teikn i sol og måne og stjerner, og på jorda skal folka bli gripne av redsle og rådløyse i larmen frå hav og brotsjøar.

<sup>26</sup>Folk skal forgå av redsle og gru for det som kjem over jorda. For kreftene i himmelrommet skal bli rokka.

<sup>27</sup> Då skal dei sjå Menneskesonen koma i skya med stor makt og herlegdom.

<sup>28</sup>Men når dette tek til å henda, skal de retta dykk opp og lyfta hovudet! For då skal de snart setjast fri.»

### **Lær av fikentreet**

(Matt 24,32–35; Mark 13,28–32)

<sup>29</sup> Så fortalde han dei ei likning: «Sjå på fikentreet og alle andre tre!

<sup>30</sup>Når lauvet sprett, då veit de av dykk sjølve at sommaren er nær.

- <sup>31</sup> Like eins veit de at Guds rike er nær når de ser at dette hender.
- <sup>32</sup> Sanneleg, eg seier dykk: Denne slekta skal ikkje forgå før alt dette hender.
- <sup>33</sup> Himmel og jord skal forgå, men mine ord skal aldri forgå.

### Vak og be

- <sup>34</sup> Ta dykk i vare og lat ikkje hjartet dykkar bli sløva av rangel og drikk og sorgene i dagleglivet, så den dagen kjem like uventa på dykk
- <sup>35</sup> som ei snare. For den dagen skal koma over alle som bur på jorda.
- <sup>36</sup> Vak kvar tid og stund og be om styrke til å koma velberga frå alt det som skal henda, og bli ståande framfor Menneskesonen.»
- <sup>37</sup> Om dagen var Jesus i tempelet og underviste, men om kvelden gjekk han ut til den høgda som heiter Oljeberget, og var der om natta.
- <sup>38</sup> Og tidleg om morgonen flokka folket seg om han på tempelplassen og hørde på han.

## Lukas 22

### Jesu liding og død

(Kap. 22–23)

#### Samansverjing mot Jesus

(Matt 26,1–5.14–16; Mark 14,1–2. 10–11)

- <sup>1</sup> Det nærma seg no høgtida med usyra brød, som dei òg kallar påske.
- <sup>2</sup> Overprestane og dei skriftlærde prøvde å finna ut korleis dei kunne få Jesus drepen, for dei var redde folket.
- <sup>3</sup> Då fór Satan i Judas, han som dei kalla Iskariot, og som var ein av dei tolv.
- <sup>4</sup> Han gjekk av stad og tala med overprestane og leiarane for tempelvakta om korleis han kunne gje Jesus over til dei.
- <sup>5</sup> Dei vart glade og lova å gje han pengar.
- <sup>6</sup> Judas gjekk med på dette, og sidan leita han etter eit høve til å gje Jesus over til dei når han ikkje hadde folkemengda omkring seg.

#### Det siste måltidet

(Matt 26,17–19; Mark 14,12–16)

- <sup>7</sup> Så kom den dagen i høgtida med usyra brød då påskelammet skulle slaktast.
- <sup>8</sup> Jesus sende Peter og Johannes i veg og sa: «Gå og gjer i stand for oss så vi kan halda påskemåltid.»
- <sup>9</sup> «Kvar vil du vi skal gjera i stand?» spurde dei.
- <sup>10</sup> Han svara: «Når de kjem inn i byen, kjem ein mann som ber ei krukke med vatn, til å møte dykk. Han skal de følgja til det huset han går inn i,
- <sup>11</sup> og så skal de seia til han som eig huset: ‘Meisteren spør: Kvar er rommet der eg kan halda påskemåltid saman med læresveinane mine?’
- <sup>12</sup> Han skal visa dykk eit stort rom ovanpå med teppe og puter. Der skal de gjera i stand.»
- <sup>13</sup> Så gjekk dei og fann det slik som han hadde sagt, og dei gjorde i stand påskemåltidet.

### Nattverden

(Matt 26,20–29; Mark 14,17–25)

- <sup>14</sup> Då tida kom, gjekk Jesus til bords og apostlane med han.
- <sup>15</sup> Og han sa til dei: «Eg har lengta inderleg etter å eta dette påskemåltidet i lag med dykk før eg skal lida.
- <sup>16</sup> For eg seier dykk: Aldri meir skal eg eta påskemåltidet før det har vorte fullenda i Guds rike.»
- <sup>17</sup> Så tok han eit beger, bad takkebøna og sa: «Ta dette og del det mellom dykk.
- <sup>18</sup> For eg seier dykk: Heretter skal eg aldri drikk av frukta frå vintreet før Guds rike er kome.»
- <sup>19</sup> Så tok han eit brød, takka og braut det, gav dei og sa: «Dette er min kropp, som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.»
- <sup>20</sup> Like eins tok han begeret etter måltidet og sa: «Dette begeret er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk.
- <sup>21</sup> Men sjå, han som svik meg, har handa her på bordet saman med meg.

<sup>22</sup>Menneskesonen går bort, som det er fastsett. Men ve det mennesket som svik han!»

<sup>23</sup>Då tok dei til å tretta med kvarandre om kven av dei det kunne vera som skulle gjera dette.

#### **Avskilsord til dei tolv**

<sup>24</sup>No vart det òg strid mellom dei om kven som skulle reknast som den største.

<sup>25</sup>Då sa Jesus til dei: «Kongane herskar over folka sine, og dei som rår, blir kalla velgjerarar.

<sup>26</sup>Men slik er det ikkje hos dykk. Den største av dykk skal vera som den yngste, og leiaren skal vera som ein tenar.

<sup>27</sup>For kven er størst, den som er gjest ved bordet, eller den som er tenar? Er det ikkje gjesten? Men eg er midt iblant dykk som ein tenar.

<sup>28</sup>De er dei som har halde ut hos meg i prøvingane mine.

<sup>29</sup>Og no overlèt eg riket til dykk, slik som Far min har overlate det til meg:

<sup>30</sup>De skal eta og drikkva ved mitt bord i mitt rike og sitja på troner og dømme dei tolv Israel-stammene.

<sup>31</sup>Simon, Simon! Satan kravde å få sikta dykk som kveite.

<sup>32</sup>Men eg bad for deg at trua di ikkje måtte svikta. Og når du ein gong vender om, så styrk brørne dine!»

<sup>33</sup>«Herre», sa Peter, «med deg er eg klar til å gå både i fengsel og i død.»

<sup>34</sup>Men Jesus svara: «Eg seier deg, Peter: Hanen skal ikkje gala i natt før du tre gonger har nekta at du kjenner meg.»

<sup>35</sup>Så sa han til dei: «Då eg sende dykk i veg utan pengepengung eller veske eller skor, mangla de då noko?» «Nei, ingen ting», svara dei.

<sup>36</sup>«Men no», sa han, «må den som har pengepengung, ta han med, og like eins den som har veske. Og den som ikkje har sverd, får selja kappa si og kjøpa seg eit.

<sup>37</sup> For eg seier dykk at det må oppfyllest på meg, det ordet som står skrive: Han vart rekna blant lovbrytarar. For det som er fastsett om meg, skal no fullendast.»

<sup>38</sup> Då sa dei: «Herre, sjå, her er to sverd.» «Det er nok!» svara han.

### I Getsemane

(Matt 26,36–46; Mark 14,32–42)

<sup>39</sup> Så gjekk han ut og tok vegen til Oljeberget som han hadde for vane, og læresveinane følgde han.

<sup>40</sup> Då han kom dit, sa han til dei: «Be at de ikkje må koma i freisting!»

<sup>41</sup> Han sleit seg frå dei så langt som eit steinkast, fall på kne og bad:

<sup>42</sup> «Far, om du vil, så ta dette begeret frå meg! Men lat det bli som du vil, ikkje som eg vil!»

<sup>43</sup> {{Ein engel frå himmelen synt seg då for han og styrkte han.

<sup>44</sup> Og han kom i dødsangst og bad endå meir inderleg, så sveitten hans fall som bloddropar ned på jorda.}}

<sup>45</sup> Då han reiste seg etter bøna og kom tilbake til læresveinane, fann han dei sovande, overvelda av sorg.

<sup>46</sup> «Korleis kan de sova?» spurde han. «Reis dykk og be at de ikkje må koma i freisting!»

### Jesus blir teken til fange

(Matt 26,47–56; Mark 14,43–50; Joh 18,2–11)

<sup>47</sup> Før han hadde tala ut, kom det ein stor flokk, og han som heitte Judas, ein av dei tolv, gjekk føre. Han gjekk bort til Jesus for å kyssa han.

<sup>48</sup> Då sa Jesus: «Judas, svik du Menneskesonen med eit kyss?»

<sup>49</sup> Dei som var med Jesus, skjøna korleis det kom til å gå, og spurde: «Herre, skal vi gripa til sverd?»

<sup>50</sup> Og ein av dei hogg etter tenaren til øvstepresten og sneidde av han høgrefløyret.

**51** Men Jesus sa: «Lat det vera med det!» Og han rørte ved øyret til tenaren og lækte han.

**52** Så sa han til overprestane og leiarane for tempelvakta og dei eldste, dei som var komne og ville gripa han: «De kjem med sverd og stokkar som om eg var ein røvar.

**53** Dag etter dag var eg saman med dykk på tempelplassen; då la de ikkje hand på meg. Men dette er dykkar time, no er det mørkret som har makta.»

#### **Peter fornektar Jesus**

(Matt 26,69–75; Mark 14,66–72; Joh 18,12–18.25–27)

**54** Dei tok han og førte han til huset åt øvstepresten. Peter følgde etter, eit langt stykke bak.

**55** Midt inne på gardsplassen var det gjort opp ein eld som dei samla seg rundt. Peter slo seg ned blant dei som sat der.

**56** Ei tenestejente fekk sjå han sitja der i lyset frå elden. Ho stirte på han og sa: «Denne mannen var òg saman med han.»

**57** Men Peter nekta og sa: «Eg kjenner han ikkje, kvinne!»

**58** Litt etter la ein annan merke til han og sa: «Du òg er ein av dei.» «Nei, det er eg slett ikkje», svara Peter.

**59** Men ein times tid etter var det ein til som slo fast: «Visst var denne mannen òg med han! Han er då galilear.»

**60** Men Peter sa: «Eg skjønar ikkje kva du snakkar om, menneske!» I det same, før han hadde tala ut, gol hanen.

**61** Då vende Herren seg og såg på Peter, og Peter kom i hug det Herren hadde sagt til han: «Før hanen gjel i natt, skal du forneкта meg tre gonger.»

**62** Og han gjekk ut og gret sårt.

#### **Jesus for Det høge rådet**

(Matt 26,59–68; Mark 14,55–65; Joh 18,19–24)

**63** Mennene som heldt vakt over Jesus, spotta han og slo han.

<sup>64</sup>Dei batt for auga hans og sa: «No kan du vera profet! Kven var det som slo deg?»

<sup>65</sup>Og dei hånte han på mange andre måtar òg.

<sup>66</sup> Då det lysna av dag, kom eldsterådet i folket saman; overprestane og dei skriftlærde var òg med. Jesus vart ført fram for Rådet,

<sup>67</sup>og dei sa: «Er du Messias, så sei oss det.» Han svara: «Om eg seier det til dykk, trur de meg ikkje,

<sup>68</sup>og om eg spør, svarar de ikkje.

<sup>69</sup> Men heretter skal Menneskesonen sitja ved den mektige Guds høgre hand.»

<sup>70</sup>Då spurde dei alle: «Så er du altså Guds Son?» Han svara: «De seier sjølve at eg er det.»

<sup>71</sup>Då sa dei: «Kva skal vi no med vitneutsegner? Vi har sjølve høyrte det av hans eigen munn.»

## Lukas 23

### Jesus for Pilatus

(Matt 27,1–2.11–14; Mark 15,1–5; Joh 18,33–38)

<sup>1</sup> Då reiste dei seg alle og førte han til Pilatus.

<sup>2</sup> Der tok dei til å koma med skuldingar mot han. Dei sa: «Vi har funne at denne mannen fører folket vårt på avveggar. Han forbyd oss å gje keisaren skatt, og han seier at han er Messias, altså konge.»

<sup>3</sup>Pilatus spurde han: «Er du kongen over jødane?» «Du seier det», svara Jesus.

<sup>4</sup>Då sa Pilatus til overprestane og folket: «Eg finn inga skuld hos denne mannen.»

<sup>5</sup> Men dei tok sterkare i: «Han eggjar opp folket i heile Judea med læra si. Han tok til i Galilea, og no er han komen heilt hit.»

<sup>6</sup>Då Pilatus høyrde det, spurde han om mannen var frå Galilea,

<sup>7</sup>og då han fekk vita at han var under domsmakta til Herodes, sende han Jesus over dit, for Herodes òg var i Jerusalem i dei dagane.

### Jesus for Herodes

<sup>8</sup>Herodes vart svært glad då han fekk sjå Jesus, for han hadde høyrte om han og lenge ønskt å få møta han. No vona han å få sjå Jesus gjera eit teikn.

<sup>9</sup>Han stilte han mange spørsmål, men Jesus svara ikkje eit ord.

<sup>10</sup>Overprestane og dei skriftlærde stod der og kom med sterke skuldingar mot han.

<sup>11</sup>Herodes vanæra han og spotta han saman med soldatane sine. Han la ei staseleg kappe om han og sende han tilbake til Pilatus.

<sup>12</sup>Den dagen vart Herodes og Pilatus vener; før hadde det vore fiendskap mellom dei.

### Pilatus feller dommen

(Matt 27,15–26; Mark 15,6–15; Joh 19,6–16)

<sup>13</sup>Så kalla Pilatus saman overprestane, rådsherrane og folket

<sup>14</sup>og sa til dei: «De har ført denne mannen fram for meg og sagt at han fører folket på avvegar. No har eg spurt han ut medan de høyrde på, men eg har ikkje funne han skuldig i noko av det de klagar han for.

<sup>15</sup>Det har ikkje Herodes heller, for han har sendt han tilbake til oss. Mannen har såleis ikkje gjort noko som fortener dødsstraff.

<sup>16</sup>Difor vil eg la han bli piska og så setja han fri.»

<sup>17</sup> {{Men til høgtida måtte han gje dei ein fange fri.}}

<sup>18</sup>Då ropa dei alle som ein: «Bort med han! Gjev oss Barabbas fri!»

<sup>19</sup> – Barabbas var ein mann som sat fengsla for opprør i byen og for mord.

<sup>20</sup>Igjen tala Pilatus til dei, for han ville gjerne gje Jesus fri.

<sup>21</sup>Men dei ropa imot han: «Krossfest han! Krossfest!»



<sup>22</sup>Då tok han ordet tredje gongen: «Kva vondt har han så gjort? Eg har ikkje funne han skuldig i noko som kan straffast med døden. Eg vil la han bli piska og så setja han fri.»

<sup>23</sup> Men dei pressa han og kravde med høge skrik at Jesus skulle krossfestast, og skriket deira fekk overtaket.

<sup>24</sup>Då felte Pilatus dommen; det skulle bli som dei kravde.

<sup>25</sup>Han frigav den dei bad om, han som sat fengsla for opprør og mord. Men han overgav Jesus til dei, og dei fekk viljen sin.

### **Jesus blir krossfest**

(Matt 27,31–44; Mark 15,20–32; Joh 19,17–27)

<sup>26</sup> Så førte dei han bort. På vegen greip dei fatt i ein mann som kom inn frå markene, Simon frå Kyréne. Og dei la krossen på Simon for at han skulle gå bak Jesus og bera.

<sup>27</sup>Ein stor folkehop følgde med, og mellom dei var det mange kvinner som jamra og gret over han.

<sup>28</sup>Men Jesus snudde seg til dei og sa: «Jerusalems døtrer! Gråt ikkje over meg, men gråt over dykk sjølve og borna dykkar.

<sup>29</sup> For det kjem dagar då folk skal seia: ‘Lukkelege er dei barnlause, dei morsliv som ikkje har fødd, og dei bryst som ikkje har gjeve die!’

<sup>30</sup> Då skal dei seia til fjella: ‘Fall over oss!’ Og til haugane: ‘Løyn oss!’

<sup>31</sup>For gjer dei slik med det grønne treet, korleis skal det då gå med det tørre?»

<sup>32</sup> To andre forbrytarar vart òg førte bort og skulle avrettast saman med Jesus.

<sup>33</sup>Og då dei kom til den staden som heiter Hovudskallen, krossfeste dei både han og forbrytarane, den eine på høgre sida hans, den andre på venstre.

<sup>34</sup> {{Men Jesus sa: «Far, tilgjev dei, for dei veit ikkje kva dei gjer.»}} Så kasta dei lodd om kleda hans og delte dei mellom seg.



<sup>35</sup>Folket stod og såg på, men rådsherrane spotta han: «Andre har han frelst», sa dei, «lat han no frelsa seg sjølv dersom han er Guds Messias, den utvalde!»

<sup>36</sup>Soldatane òg hånte han. Dei gav han vineddik

<sup>37</sup>og sa: «Er du kongen over jødane, så frels deg sjølv!»

<sup>38</sup>For det var sett ei innskrift over han: «Dette er kongen over jødane.»

<sup>39</sup>Den eine av forbrytarane som hang der, spotta han og sa: «Er ikkje du Messias? Frels deg sjølv og oss!»

<sup>40</sup>Men den andre tala han til rette og sa: «Har du ikkje ærefrykt for Gud, endå du er under same dommen?»

<sup>41</sup>For oss er dommen rettferdig, vi får berre att for det vi har gjort. Men han har ikkje gjort noko urett.»

<sup>42</sup>Og han sa: «Jesus, kom meg i hug når du kjem til ditt rike!»

<sup>43</sup> Jesus svara: «Sanneleg, eg seier deg: I dag skal du vera med meg i paradiset.»

#### **Jesus dør**

(Matt 27,45–56; Mark 15,33–41; Joh 19,28–30)

<sup>44</sup> Det var alt kring den sjette timen. Då fall det mørker over heile landet, og mørkret låg til den niande timen,

<sup>45</sup> for sola lyste ikkje lenger. Forhenget i tempelet rivna midt i to,

<sup>46</sup> og Jesus ropa med høg røyst: «Far, i dine hender gjev eg mi ånd!» Med desse orda anda han ut.

<sup>47</sup>Då offiseren såg det som hende, lova han Gud og sa: «Denne mannen var sanneleg rettferdig!»

<sup>48</sup> Og alle som hadde samla seg for å sjå på, slo seg for bringa då dei såg det som hende, og gjekk derifrå.

<sup>49</sup> Men alle som kjende han, stod langt borte og såg på. Mellom desse var òg dei kvinnene som hadde følgt han frå Galilea.

#### **Jesus blir gravlagd**

(Matt 27,57–61; Mark 15,42–47; Joh 19,38–42)

<sup>50</sup>Det var ein rådsherre som heitte Josef. Han var ein god og rettferdig mann  
<sup>51</sup>og hadde ikkje vore med på det dei andre hadde vedteke og sett i verk. Han var frå Arimatea, ein by i Judea, og han venta på at Guds rike skulle koma.

<sup>52</sup>Han gjekk til Pilatus og bad om å få Jesu kropp.

<sup>53</sup>Og Josef tok ned Jesu kropp, sveipte han i eit linklede og la han i ei grav som var hoggen ut i bergveggen, og som det endå ikkje hadde lege nokon i.

<sup>54</sup>Det var førebuingdagen, rett før sabbaten tok til.

<sup>55</sup>Dei kvinnene som hadde vore med han frå Galilea, følgde etter. Dei såg grava og såg korleis Jesu kropp vart lagd der.

<sup>56</sup>Sidan gjekk dei heim og gjorde i stand angande olje og salve. På sabbaten heldt dei seg i ro, som lova kravde.

## Lukas 24

### Jesus står opp

(Matt 28,1–10; Mark 16,1–11; Joh 20,1–10)

<sup>1</sup>Ved daggry første dagen i veka kom kvinnene til grava og hadde med seg den angande oljen dei hadde gjort i stand.

<sup>2</sup>Då fekk dei sjå at steinen var rulla ifrå grava.

<sup>3</sup>Dei gjekk inn, men fann ikkje Herren Jesu kropp.

<sup>4</sup>Dei visste ikkje kva dei skulle tru, men med eitt stod det to menn hos dei i skinande klede.

<sup>5</sup>Kvinnene vart forfærde og bøygde seg med andletet mot jorda. Då sa mennene til dei: «Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde?

<sup>6</sup>Han er ikkje her, han er stått opp. Kom i hug kva han sa til dykk medan han endå var i Galilea:

<sup>7</sup>‘Menneskesonen skal gjevast over i hendene til syndige menneske og bli krossfest, og tredje dagen skal han stå opp.’»

<sup>8</sup>Då kom dei i hug orda hans.

<sup>9</sup>Og dei gjekk bort frå grava og fortalde alt dette til dei elleve og til alle dei andre.

<sup>10</sup>Det var Maria Magdalena, Johanna og Maria, mor til Jakob, som saman med dei andre kvinnene fortalde dette til apostlane.

<sup>11</sup>Men dei tenkte det var laust snakk, og trudde dei ikkje.

<sup>12</sup>Peter reiste seg likevel og sprang til grava, og då han bøygde seg inn, såg han ikkje anna enn linkleda. Så gjekk han tilbake til huset der han budde, og undra seg over det som hadde hendt.

### **Jesus syner seg for Emmaus-vandrarane**

(Mark 16,12–13)

<sup>13</sup> Same dagen var to læresveinar på veg til ein landsby som heiter Emmaus, seksti stadiar frå Jerusalem,

<sup>14</sup>og dei snakka om alt det som hadde hendt.

<sup>15</sup>Medan dei no tala saman og drøfte dette med kvarandre, kom Jesus sjølv og gav seg i lag med dei.

<sup>16</sup>Men auga deira vart hindra i å sjå, så dei ikkje kjende han att.

<sup>17</sup>«Kva er det de går og talar med kvarandre om?» spurde han. Då stansa dei, fulle av sorg.

<sup>18</sup>Den eine, han som heitte Kleopas, svara: «Du må vera den einaste framande i Jerusalem som ikkje veit kva som har hendt der desse siste dagane.»

<sup>19</sup> «Kva er det?» spurde han. «Det med Jesus frå Nasaret», svara dei. «Han var ein profet, mektig i ord og gjerning for Gud og heile folket.

<sup>20</sup>Men overprestane og rådsherrane våre utleverte han, fekk dømt han til døden og krossfeste han.

<sup>21</sup> Og vi som hadde vona at han var den som skulle setja Israel fri! Men no er det alt tredje dagen sidan dette hende,

<sup>22</sup>og nokre kvinner blant oss har sett oss i uro og undring. I dag tidleg var dei ved grava

<sup>23</sup>og fann ikkje kroppen hans, men dei kom tilbake og fortalde at dei hadde sett eit syn av englar som sa at han lever.

<sup>24</sup>Nokre av våre folk gjekk då ut til grava, og dei fann det nett slik som kvinnene hadde sagt, men han sjølv såg dei ikkje.»

<sup>25</sup>Då sa han til dei: «Kor lite de skjønar, og kor seine de er til å tru alt det profetane har sagt!

<sup>26</sup>Måtte ikkje Messias lida dette og så gå inn til sin herlegdom?»

<sup>27</sup> Så tok han til å leggja ut for dei det som står om han i alle skriftene, heilt frå Moses og hos alle profetane.

<sup>28</sup>Då dei kom bort imot den landsbyen dei skulle til, gjorde han som han ville gå vidare.

<sup>29</sup>Men dei bad han inntrengjande og sa: «Ver hos oss! Det kveldar, og dagen er på hell.» Då gjekk han inn og gav seg til hos dei.

<sup>30</sup> Og medan han sat til bords med dei, tok han brødet, bad takkebøna, braut det og gav dei.

<sup>31</sup>Då vart auga deira opna, og dei kjende han att. Men han vart usynleg for dei.

<sup>32</sup>Dei sa til kvarandre: «Brann ikkje hjartet i oss då han tala til oss på vegen og opna skriftene for oss?»

<sup>33</sup>Og dei tok ut med ein gong og gjekk tilbake til Jerusalem. Der fann dei alle elleve og venene deira samla,

<sup>34</sup> og desse sa: «Herren er sanneleg stått opp og har synt seg for Simon.»

<sup>35</sup>Då fortalde dei to om det som hadde hendt på vegen, og korleis dei hadde kjent han att då han braut brødet.

### **Jesus syner seg for læresveinane**

(Matt 28,9–10; Mark 16,14; Joh 20,19–20)

<sup>36</sup>Medan dei snakka om dette, stod Jesus sjølv midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk!»

<sup>37</sup> Dei vart forfærde og redde, for dei trudde det var ei ånd dei såg.

<sup>38</sup>Men han sa til dei: «Kvifor er de så urolege, og kvifor vaknar tvilen i hjarta dykkar?»

<sup>39</sup>Sjå hendene og føtene mine. Det er eg. Ta på meg og sjå! Ei ånd har ikkje kjøt og bein, som de ser at eg har.»

<sup>40</sup> {{Så viste han dei hendene og føtene sine.}}

<sup>41</sup> Då dei av rein glede enno ikkje kunne tru, men berre undra seg, sa han: «Har de noko å eta her?»

<sup>42</sup> Dei gav han eit stykke steikt fisk,

<sup>43</sup>og han tok det og åt medan dei såg på.

#### **Oppdrag og avskil**

(Matt 28,16–20; Mark 16,15–19; Joh 20,21–23)

<sup>44</sup> Så sa han til dei: «Dette var det eg tala til dykk om medan eg endå var saman med dykk, at det måtte oppfyllast, alt det som står skrive om meg i Moselova, hos profetane og i Salmane.»

<sup>45</sup>Så opna han forstanden deira så dei kunne skjøna skriftene,

<sup>46</sup> og han sa til dei: «Slik står det skrive: Messias skal lida og stå opp frå dei døde tredje dagen,

<sup>47</sup> og i hans namn skal omvending og tilgjeving for syndene forkynnast for alle folkeslag; de skal byrja i Jerusalem.

<sup>48</sup> De er vitne om dette.

<sup>49</sup> Eg sender over dykk det som Far min har lova. Men de skal halda dykk i byen til de blir kledde med kraft frå det høge.»

<sup>50</sup> Så førte han dei ut mot Betania, og han lyfte hendene og velsigna dei.

<sup>51</sup> Og medan han velsigna dei, skildest han frå dei og vart teken opp til himmelen.

<sup>52</sup> Då fall dei på kne og tilbad han. Så gjekk dei tilbake til Jerusalem i stor glede.

<sup>53</sup>Sidan var dei stadig i tempelet og lova og prisa Gud.

## Johannes

### Johannes 1

#### Ordet vart menneske

- <sup>1</sup> I opphavet var Ordet, Ordet var hos Gud, og Ordet var Gud.
- <sup>2</sup> Han var i opphavet hos Gud.
- <sup>3</sup> Alt vart til ved han, og utan han vart ikkje noko til. Det som vart til
- <sup>4</sup> i han, var liv, og livet var lyset for menneska.
- <sup>5</sup> Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det.
- <sup>6</sup> Eit menneske stod fram, utsendt av Gud; namnet hans var Johannes.
- <sup>7</sup> Han kom for å vitna. Han skulle vitna om lyset, så alle kunne koma til tru ved han.
- <sup>8</sup> Han sjølv var ikkje lyset, men han skulle vitna om lyset.
- <sup>9</sup> Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda.
- <sup>10</sup> Han var i verda, og verda vart til ved han, og verda kjende han ikkje.
- <sup>11</sup> Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje imot han.
- <sup>12</sup> Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans.
- <sup>13</sup> Dei er ikkje fødde av kjøt og blod, ikkje av menneskevilje og ikkje av manns vilje, men av Gud.
- <sup>14</sup> Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss. Og vi såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning.
- <sup>15</sup> Johannes vitnar om han og ropar ut: «Det var om han eg sa: Han som kjem etter meg, er komen før meg, for han var til før meg.»
- <sup>16</sup> Av hans overflod har vi alle fått, nåde over nåde.
- <sup>17</sup> For lova vart gjeven ved Moses, nåden og sanninga kom ved Jesus Kristus.



**18** Ingen har nokon gong sett Gud, men den einborne, som er Gud, og som er i fanget til Far, han har synt oss kven han er.

### Døyparen vitnar

**19** Dette var vitneutsegna til Johannes då jødane sende prestar og levittar frå Jerusalem for å spørja han: «Kven er du?»

**20** Då vedkjende han og nekta ikkje, men sa rett fram: «Eg er ikkje Messias.»

**21** «Kven er du då?» spurde dei. «Er du Elia?» «Nei, det er eg ikkje», svara han. «Er du profeten?» «Nei», sa han.

**22** «Sei oss då kven du er», sa dei, «så vi kan ha eit svar til dei som har sendt oss. Kva seier du om deg sjølv?»

**23** Han sa: «Eg er ei røyst som ropar i øydemarka: Gjer Herrens veg bein, som profeten Jesaja har sagt.»

**24** Nokre av dei som var utsende, var farisearar,

**25** og dei spurde: «Kvifor døyper du då, når du ikkje er Messias og heller ikkje Elia eller profeten?»

**26** Johannes svara: «Eg døyper med vatn. Men midt imellom dykk står ein som de ikkje kjenner,

**27** han som kjem etter meg, han som eg ikkje er verdig å løysa skoreima til.»

**28** Dette hende i Betania på andre sida av Jordan, der Johannes var og døypte.

**29** Dagen etter ser han Jesus koma gåande mot seg og seier: «Sjå, Guds lam, som ber bort synda i verda!

**30** Det var om han eg sa: Etter meg kjem det ein mann som er komen før meg, for han var til før meg.

**31** Eg visste ikkje kven han var, men for at han skal bli openberra for Israel, er eg komen og døyper med vatn.»

**32** Og Johannes vitna og sa: «Eg såg Anden dala ned frå himmelen som ei due, og Anden vart verande over han.

<sup>33</sup> Eg visste heller ikkje kven han var, men han som sende meg for å døypa med vatn, han sa til meg: Den du ser Anden dala ned over og bli verande over, han er den som døyper med Den heilage ande.

<sup>34</sup> Og eg har sett det, og eg har vitna: Han er Guds Son.»

### Dei første læresveinane

<sup>35</sup>Dagen etter stod igjen Johannes der med to av læresveinane sine.

<sup>36</sup>Då Jesus kom gåande, såg Johannes på han og sa: «Sjå, Guds lam!»

<sup>37</sup>Dei to læresveinane hørde kva han sa og følgde etter Jesus.

<sup>38</sup>Jesus snudde seg, og då han såg at dei følgde etter, sa han: «Kva leitar de etter?» Dei spurde: «Rabbi», – det tyder «lærer» – «kvar bur du?»

<sup>39</sup> «Kom og sjå», svara Jesus. Så gjekk dei med han og såg kvar han budde, og dei vart verande hos han den dagen. Det var omkring den tiande timen.

<sup>40</sup> Andreas, bror til Simon Peter, var ein av dei to som hadde høyrte det Johannes sa, og hadde følgte etter Jesus.

<sup>41</sup> Han finn først bror sin, Simon, og seier til han: «Vi har møtt Messias» – Messias tyder «Han som er salva».

<sup>42</sup> Så tok han Simon med seg til Jesus. Jesus såg fast på han og sa: «Du er Simon, son til Johannes. Du skal heita Kefas» – det er det same som Peter.

<sup>43</sup>Dagen etter ville Jesus dra til Galilea. Han fann då Filip og sa til han: «Følg meg!»

<sup>44</sup>Filip var frå Betsaida, same byen som Andreas og Peter var frå.

<sup>45</sup> Filip møtte Natanael og sa til han: «Vi har møtt han som Moses har skrive om i lova, og som profetane har skrive om: Det er Jesus frå Nasaret, son til Josef.»

<sup>46</sup> «Kan det koma noko godt frå Nasaret?» spurde Natanael. «Kom og sjå!» svara Filip.

<sup>47</sup>Jesus såg Natanael koma gåande mot seg og sa: «Sjå, der er ein ekte israelitt, ein som er utan svik.»

<sup>48</sup>«Kvar kjenner du meg frå?» spurde Natanael. Jesus svara: «Eg såg deg då du var under fikentreet, før Filip ropa på deg.»

<sup>49</sup> Då sa Natanael: «Rabbi, du er Guds Son, du er Israels konge.»

<sup>50</sup>«Trur du fordi eg sa at eg såg deg under fikentreet?» spurde Jesus. «Du skal få sjå større ting enn det.»

<sup>51</sup> Og han sa: «Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: De skal sjåhimmelen opna og Guds englar gå opp og gå ned over Menneskesonen.»

## Johannes 2

### Bryllaupet i Kana

<sup>1</sup> Tredje dagen var det eit bryllaup i Kana i Galilea. Mor til Jesus var der.

<sup>2</sup> Også Jesus og læresveinane hans var bedne.

<sup>3</sup> Då det var slutt på vinen, sa Jesu mor til han: «Dei har ikkje meir vin.»

<sup>4</sup> «Kva vil du meg, kvinne?» svara Jesus. «Min time er enno ikkje komen.»

<sup>5</sup> Då sa mor hans til tenarane: «Det han seier dykk, skal de gjera.»

<sup>6</sup> No stod det seks vasskar av stein der, slike som blir nytta i reinsingsskikkane til jødane. Kvart av dei tok to eller tre anker.

<sup>7</sup> «Fyll kara med vatn», sa Jesus. Og tenarane fylte dei til randa.

<sup>8</sup> Så sa han til dei: «Aus no opp og ber det til kjøkemeisteren.» Det gjorde dei.

<sup>9</sup> Kjøkemeisteren smaka på vatnet, som hadde vorte til vin. Han visste ikkje kvar vinen kom frå, men tenarane som hadde aust opp vatnet, visste det. Då ropa han på brudgomen

<sup>10</sup> og sa: «Alle andre set først fram den gode vinen, og når gjestene er drukne, kjem dei med den som er dårlegare. Du har gøymt den gode vinen til no.»

<sup>11</sup> Dette var det første teiknet Jesus gjorde; det var i Kana i Galilea. Han openberra sin herlegdom, og læresveinane hans trudde på han.

<sup>12</sup> Sidan drog han ned til Kapernaum saman med mor si, brørne sine og læresveinane sine, og der vart dei verande nokre dagar.

**Det gamle og det nye tempelet**  
(Matt 21,12–13; Mark 11,15–17; Luk 19,45–46)

**13** Det nærma seg no påskehøgtida til jødane, og Jesus gjekk opp til Jerusalem.

**14** På tempelplassen fann han dei som selde oksar, sauer og duer, og pengevekslarane som sat der.

**15** Då laga han seg ei svepe av reip og dreiv dei alle ut av heilagdomen, og sauene og oksane med. Myntane til pengevekslarane kasta han utover og velte borda deira,

**16** og til dei som selde duer, sa han: «Få dette ut herifrå! Gjer ikkje huset åt Far min til ein marknadsplass!»

**17** Læresveinane hans hugsa at det står skrive: Brennande iver for ditt hus vil tæra meg opp!

**18** Då tok jødane til orde og spurde han: «Kan du visa oss eit teikn på at du har rett til å gjera dette?»

**19** Jesus svara: «Riv ned dette tempelet, og eg skal reisa det opp att på tre dagar.»

**20** Då sa jødane: «I førtiseks år har dei bygd på dette tempelet, og du vil reisa det opp att på tre dagar?»

**21** Men det tempelet han tala om, var hans eigen kropp.

**22** Då han hadde stått opp frå dei døde, hugsa læresveinane hans at han hadde sagt dette, og dei trudde Skrifta og det ordet Jesus hadde sagt.

**Jesus og Nikodemus**

**23** Medan han var i Jerusalem i påskehøgtida, kom mange til tru på namnet hans, for dei såg dei teikna han gjorde.

**24** Men Jesus var ikkje fortruleg mot dei, for han kjende alle,

**25** og han trong ikkje at nokon skulle vitna om mennesket. Kva som budde i mennesket, visste han sjølv.

## Johannes 3

<sup>1</sup> Det var ein mann som heitte Nikodemus. Han var farisear og sat i Rådet til jødane.

<sup>2</sup> Han kom til Jesus om natta og sa: «Rabbi, vi veit at du er ein lærar som er komen frå Gud, for ingen kan gjera dei teikna du gjer, utan at Gud er med han.»

<sup>3</sup> Jesus svara og sa til han: «Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd på nytt, kan ikkje sjå Guds rike.»

<sup>4</sup> Nikodemus seier til han: «Korleis kan ein som er gammal, bli fødd? Ein kan vel ikkje koma inn i morslivet igjen og bli fødd andre gongen?»

<sup>5</sup> Jesus svara: «Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd av vatn og Ande, kan ikkje koma inn i Guds rike.

<sup>6</sup> Det som er fødd av kjøt, er kjøt, og det som er fødd av Anden, er ånd.

<sup>7</sup> Undra deg ikkje over at eg sa til deg: 'De må fødest på nytt.'

<sup>8</sup> Vinden blæs dit han vil; du høyrer han susar, men du veit ikkje kvar han kjem frå, eller kvar han fer. Slik er det med kvar den som er fødd av Anden.»

<sup>9</sup> «Korleis kan dette gå til?» spurde Nikodemus.

<sup>10</sup> Jesus svara: «Du er ein lærar for Israel og veit ikkje det?

<sup>11</sup> Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Vi talar om det vi veit og vitnar om det vi har sett, men de tek ikkje imot vitneutsegna vår.

<sup>12</sup> Dersom de ikkje trur når eg talar til dykk om dei jordiske ting, korleis kan de då tru når eg talar til dykk om dei himmelske?

<sup>13</sup> Ingen har stige opp til himmelen utan han som steig ned frå himmelen: Menneskesonen, {{som er i himmelen}}.

<sup>14</sup> Og slik Moses lyfte opp ormen i øydemarka, slik må Menneskesonen lyftast opp,

<sup>15</sup> så kvar den som trur på han, skal ha evig liv.

<sup>16</sup> For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

<sup>17</sup> Gud sende ikkje Son sin til verda for at han skulle dømma verda, men for at verda skulle bli frelst ved han.

<sup>18</sup> Den som trur på han, blir ikkje dømd. Den som ikkje trur, er alt dømd fordi han ikkje har trudd på namnet til Guds einborne Son.

<sup>19</sup>Og dette er dommen: Lyset er kome til verda, og menneska elska mørkret meir enn lyset, for gjerningane deira var vonde.

<sup>20</sup> For den som gjer det vonde, hatar lyset og kjem ikkje til lyset, så gjerningane hans ikkje skal koma opp i dagen.

<sup>21</sup>Men den som følgjer sanninga, kjem til lyset, så det skal bli klårt at gjerningane hans er gjorde i Gud.»

#### **Døyparen Johannes vitnar om Jesus**

<sup>22</sup> Sidan drog Jesus og læresveinane hans til Judea. Der var han ei tid saman med dei og døypte.

<sup>23</sup>Også Johannes døypte, i Ainon ved Salim. For det var mykje vatn der, og folk kom dit og lét seg døypa.

<sup>24</sup> Dette var før Johannes vart kasta i fengsel.

<sup>25</sup>Læresveinane til Johannes kom no i diskusjon med ein jøde om reinsinga.

<sup>26</sup> Dei gjekk til Johannes og sa til han: «Rabbi, den mannen som var saman med deg på andre sida av Jordan, han som du vitna om, no døyper han, og alle går til han.»

<sup>27</sup>Johannes svara: «Eit menneske kan ikkje få noko utan at det blir gjeve han frå himmelen.

<sup>28</sup>De er sjølve mine vitne på at eg sa: Eg er ikkje Messias, men eg er send føre han.

<sup>29</sup> Den som har brura, er brudgom. Men venen hans, som står og høyrer på, han gleder seg stort når han høyrer røysta til brudgomen. Slik glede har eg no fått, og det i fullt mål.

<sup>30</sup>Han skal veksa, eg skal minka.

<sup>31</sup> Den som kjem ovanfrå, er over alle. Den som kjem frå jorda, er av jorda og talar jordisk. Han som kjem frå himmelen, er over alle.

<sup>32</sup>Han vitnar om det han har sett og høyrte, men ingen tek imot vitneutsegna hans.

<sup>33</sup>Den som tek imot hans vitneutsegn, har skrive under på at Gud talar sant.

<sup>34</sup>Han som Gud har sendt, talar Guds ord, for Gud gjev Anden i fullt mål.

<sup>35</sup> Faderen elsker Sonen, og alt har han gjeve i hans hand.

<sup>36</sup> Den som trur på Sonen, har evig liv. Den som er ulydig mot Sonen, skal ikkje sjå livet, men Guds vreide er og blir over han.»

## Johannes 4

### Jesus og den samaritanske kvinna

<sup>1</sup> Jesus fekk no vita kva farisearane hadde høyrte: at han vann fleire læresveinar og døypte fleire enn Johannes.

<sup>2</sup>No var det ikkje Jesus sjølv som døypte, men læresveinane hans.

<sup>3</sup>Då tok han ut frå Judea og drog til Galilea igjen.

<sup>4</sup>Han måtte dra gjennom Samaria,

<sup>5</sup> og der kom han til ein by som heiter Sykar. Byen ligg nær det jordstykket som Jakob gav Josef, son sin.

<sup>6</sup> Der var Jakobskjelda. Jesus var sliten etter reisa og sette seg ned attmed kjelda. Det var omkring den sjetten timen.

<sup>7</sup>Då kjem det ei samaritansk kvinne og vil henta vatn. Jesus seier til henne: «Gjev meg noko å drikka.»

<sup>8</sup>For læresveinane hans hadde gått inn i byen for å kjøpa mat.

<sup>9</sup>«Korleis har det seg», seier kvinna, «at du som er jøde, bed meg, ei samaritansk kvinne, om drikke?» For jødar held seg ikkje saman med samaritanar.

<sup>10</sup> Jesus svara: «Om du hadde kjent Guds gåve og visst kven det er som bed deg om drikke, så hadde du bede han, og han hadde gjeve deg levande vatn.»

<sup>11</sup>«Herre», sa kvinna, «du har ikkje noko å dra opp vatn med, og brønnen er djup. Så kvar får du det levande vatnet frå?»

<sup>12</sup> Du er vel ikkje større enn Jakob, stamfaren vår, som gav oss brønnen og sjølv drakk av han, både han, sønene hans og buskapen hans?»

<sup>13</sup> Jesus svara: «Den som drikk av dette vatnet, blir tørst att.

<sup>14</sup> Men den som drikk av det vatnet eg vil gje, skal aldri meir tørsta. For det vatnet eg vil gje, blir til ei kjelde i han med vatn som bryt fram og gjev evig liv.»

<sup>15</sup> Kvinna seier til han: «Herre, gjev meg det vatnet, så eg ikkje blir tørst meir og ikkje treng koma hit og henta opp vatn.»

<sup>16</sup> Då sa Jesus til henne: «Gå og hent mannen din og kom tilbake hit.»

<sup>17</sup> «Eg har ingen mann», svara kvinna. «Du har rett når du seier at du ikkje har nokon mann», sa Jesus.

<sup>18</sup> «Før du har hatt fem menn, og han du no har, er ikkje din mann. Det er sant, det du sa.»

<sup>19</sup> «Herre, eg ser at du er ein profet», sa kvinna.

<sup>20</sup> «Fedrane våre tilbad Gud på dette fjellet, men de seier at Jerusalem er den staden der ein skal tilbe.»

<sup>21</sup> Jesus seier til henne: «Tru meg, kvinne, den timen kjem då det verken er på dette fjellet eller i Jerusalem de skal tilbe Far.

<sup>22</sup> De tilbed det de ikkje kjenner; vi tilbed det vi kjenner, for frelsa kjem frå jødane.



<sup>23</sup>Men den timen kjem, ja, han er alt komen, då dei sanne tilbedarane skal tilbe Far i ånd og sanning. For slike tilbedarar vil Far ha.

<sup>24</sup> Gud er ånd, og dei som tilbed han, må tilbe i ånd og sanning.»

<sup>25</sup> Kvinna seier til han: «Eg veit at Messias kjem», – Messias er det same som Kristus – «og når han kjem, skal han fortelja oss alt.»

<sup>26</sup> Jesus seier til henne: «Det er eg, eg som snakkar med deg.»

### **Jesus og samaritanane**

<sup>27</sup>I det same kom læresveinane hans. Dei undra seg over at han snakka med ei kvinne. Men ingen av dei spurde kva han ville eller kvifor han snakka med henne.

<sup>28</sup>Då lét kvinna vasskrukka stå og gjekk inn i byen og sa til folket:

<sup>29</sup>«Kom, så skal de få sjå ein mann som har sagt meg alt det eg har gjort! Kan han vera Messias?»

<sup>30</sup>Då gjekk dei ut av byen og kom til han.

<sup>31</sup>I mellomtida bad læresveinane han: «Rabbi, kom og et!»

<sup>32</sup>Han svara: «Eg har ein mat å eta som de ikkje veit om.»

<sup>33</sup>Då sa læresveinane seg imellom: «Kan nokon ha bore mat til han?»

<sup>34</sup> Men Jesus sa til dei: «Min mat er å gjera det han vil, han som sende meg, og fullføra hans verk.

<sup>35</sup> Seier de ikkje: Enno er det fire månader til grøda skal haustast inn? Men eg seier dykk: Lyft auga og sjå åkrane, korleis dei kvitnar mot hausten!

<sup>36</sup>Den som haustar, får løn og samlar grøde for det evige livet, så den som sår og den som haustar, kan gleda seg saman.

<sup>37</sup>Her gjeld ordet om at ‘ein sår og ein annan haustar’.

<sup>38</sup>Eg har sendt dykk ut for å hausta det de ikkje har arbeidd med. Andre har arbeidd, og de har gått inn i arbeidet dei har gjort.»

<sup>39</sup>Mange av samaritanane frå den byen tok til å tru på Jesus på grunn av det kvinna sa då ho vitna: «Han har sagt meg alt det eg har gjort.»

<sup>40</sup>Og då samaritanane kom ut til han, bad dei han vera hos seg, og han vart verande der to dagar.

<sup>41</sup>Og mange fleire tok til å tru fordi dei fekk høyra hans eige ord,

<sup>42</sup> og dei sa til kvinna: «No trur vi ikkje lenger på grunn av det du sa, for vi har høyrte han sjølv. Og vi veit at han verkeleg er den som skal frelsa verda.»

### **Den kongelege embetsmannen i Kapernaum**

(Matt 8,5–13; Luk 7,1–10)

<sup>43</sup>Då dei to dagane var gått, drog Jesus ut derifrå og fór til Galilea.

<sup>44</sup>For han hadde sjølv vitna om at ein profet ikkje blir æra på sin eigen heimstad.

<sup>45</sup> Då han kom til Galilea, tok folket der vel imot han, for dei hadde sett alt det han gjorde i Jerusalem i høgtida. Også dei hadde vore der i høgtida.

<sup>46</sup> Så kom Jesus igjen til Kana i Galilea, der han hadde gjort vatn til vin. I Kapernaum var det ein kongeleg embetsmann, og son hans var sjuk.

<sup>47</sup>Då han fekk høyra at Jesus var komen frå Judea til Galilea, gjekk han til Jesus og bad han koma ned og gjera son hans frisk, for det stod om livet.

<sup>48</sup> Jesus svara: «Ser de ikkje teikn og under, så trur de ikkje.»

<sup>49</sup>Mannen seier til han: «Kom, Herre, før guten min døyr!»

<sup>50</sup>Jesus seier til han: «Gå heim, son din lever!» Og mannen trudde det ordet Jesus sa til han, og gjekk.

<sup>51</sup>Medan han var på heimvegen, kom tenarane og møtte han, og dei fortalde at guten hans levde.

<sup>52</sup> Han spurde dei kva tid det hadde vorte betre med han. Dei sa: «I går i den sjuande timen gav feberen seg.»

<sup>53</sup>Då skjøna faren at det hadde hendt i same stund som Jesus sa til han: «Son din lever.» Og dei kom til tru, både han og heile hans hus.

<sup>54</sup> Dette andre teiknet gjorde Jesus då han kom frå Judea til Galilea.

## Johannes 5

### Den sjuke ved Betesda

<sup>1</sup> Etter dette kom ei av høgtidene til jødane, og Jesus drog opp til Jerusalem.

<sup>2</sup> Ved Saueporten i Jerusalem er det ein dam som dei på hebraisk kallar Betesda. Rundt dammen er det fem bogegangar.

<sup>3</sup> Der låg det ei mengd menneske som var sjuke, blinde, lamme og uføre. {{Dei venta på at vatnet skulle koma i rørsle,

<sup>4</sup> for ein engel frå Herren steig frå tid til anna ned i dammen og rørte opp vatnet. Den første som då steig nedi etter at vatnet var rørt opp, vart frisk, same kva sjukdom han hadde.}}

<sup>5</sup> No var det ein mann der som hadde vore sjuk i trettiåtte år.

<sup>6</sup> Jesus såg han liggja der og visste at han hadde vore sjuk lenge, og sa til han: «Vil du bli frisk?»

<sup>7</sup> «Herre», svara den sjuke, «eg har ingen som kan ta meg ned i dammen når vatnet blir rørt opp, og når eg er på veg, stig ein annan uti før meg.»

<sup>8</sup> Jesus seier til han: «Stå opp, ta båra di og gå!»

<sup>9</sup> Og straks vart mannen frisk. Han tok båra si og gjekk. Men det var sabbat den dagen.

<sup>10</sup> Difor sa jødane til han som hadde vorte lækt: «Det er sabbat, du har ikkje lov til å bera båra di.»

<sup>11</sup> Mannen svara: «Han som gjorde meg frisk, sa til meg: ‘Ta båra di og gå!’»

<sup>12</sup> «Kven er det mennesket som sa at du skulle ta båra di og gå?» spurde dei.

<sup>13</sup> Men han som hadde vorte frisk, visste ikkje kven det var, for Jesus hadde trekt seg unna; det var så mykje folk der.

<sup>14</sup> Seinare fann Jesus mannen på tempelplassen og sa til han: «No har du vorte frisk att. Synd ikkje meir, så ikkje noko verre skal henda deg.»

<sup>15</sup>Mannen gjekk då og fortalde jødane at det var Jesus som hadde gjort han frisk.

### Fullmakta til Sonen

<sup>16</sup> Jødane tok til å forfølgja Jesus fordi han hadde gjort dette på sabbaten.

<sup>17</sup> Men han sa til dei: «Far min arbeider til denne dag. Også eg arbeider.»

<sup>18</sup> Etter dette var jødane endå meir oppsette på å drepa han. Ikkje berre braut han sabbaten, men han kalla òg Gud sin eigen far og gjorde seg sjølv lik Gud.

<sup>19</sup> Då tok Jesus til orde og sa til dei: «Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Sonen kan ingen ting gjera av seg sjølv, berre det han ser Far gjera. Det Far gjer, det gjer Sonen like eins.

<sup>20</sup> For Far elsker Sonen og viser han alt det han sjølv gjer. Og han skal visa han større gjerningar enn desse, så de skal undra dykk.

<sup>21</sup> For slik Far vekkjer opp dei døde og gjer dei levande, slik gjer òg Sonen levande kven han vil.

<sup>22</sup> Og Far dømmar ikkje nokon, men han har gjeve heile dommen over til Sonen,

<sup>23</sup> så alle skal æra Sonen slik dei ærar Far. Den som ikkje ærar Sonen, ærar heller ikkje Far, han som har sendt han.

<sup>24</sup> Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Den som høyrer mitt ord og trur på han som har sendt meg, har evig liv og kjem ikkje for dommen, men har gått over frå døden til livet.

<sup>25</sup> Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Det kjem ein time, ja, han er alt komen, då dei døde skal høyra røysta til Guds Son, og dei som høyrer, skal leva.

<sup>26</sup> For slik Far har liv i seg sjølv, har han òg gjeve Sonen å ha liv i seg sjølv,

<sup>27</sup> og han har gjeve han fullmakt til å halda dom fordi han er Menneskesonen.

<sup>28</sup> De må ikkje undra dykk over dette. For det kjem ein time då alle dei som ligg i gravene, skal høyra hans røyst.

<sup>29</sup> Og dei skal koma fram; dei som har gjort det gode, skal stå opp til livet, men dei som har gjort det vonde, skal stå opp til dom.

<sup>30</sup> Eg kan ikkje gjera noko av meg sjølv. Eg dømmer etter det eg høyrer, og dommen min er rettferdig. For det er ikkje min eigen vilje eg vil fremja, men hans vilje som sende meg.

### Vitne om Jesus

<sup>31</sup> Dersom eg vitnar om meg sjølv, er vitneutsegna mi ikkje gyldig.

<sup>32</sup> Men det er ein annan som vitnar om meg, og eg veit at den vitneutsegna han gjev meg, er sann.

<sup>33</sup> De sende bod til Johannes, og han har vitna for sanninga.

<sup>34</sup> Eg treng ikkje vitneutsegner frå menneske, men eg seier dette så de skal bli frelste.

<sup>35</sup> Johannes var ei lampe som brann og lyste, og ei lita stund ville de gleda dykk i lyset hans.

<sup>36</sup> Men eg har ei vitneutsegn som er sterkare enn den Johannes gav: dei gjerningane Far har gjeve meg å fullføra. Og det er desse gjerningane eg gjer, som vitnar om at Far har sendt meg.

<sup>37</sup> Ja, Far som har sendt meg, har sjølv vitna om meg. Hans røyst har de aldri høyrert, hans skapnad har de aldri sett,

<sup>38</sup> og hans ord lèt de ikkje bli verande i dykk. For de trur ikkje på den han har sendt.

<sup>39</sup> De granskar skriftene, for de meiner at de har evig liv i dei – men det er dei som vitnar om meg!

<sup>40</sup> Likevel vil de ikkje koma til meg så de kan ha liv.

<sup>41</sup> Eg tek ikkje imot ære av menneske.

<sup>42</sup> Tvert imot, for eg kjenner dykk og veit at de ikkje har Guds kjærleik i dykk.

<sup>43</sup>Eg er komen i namnet åt Far min, og de tek ikkje imot meg. Kjem det ein annan i sitt eige namn, tek de imot han.

<sup>44</sup>Korleis kan de tru, de som vil ha ære av kvarandre og ikkje søkjer ære hos den einaste Gud?

<sup>45</sup>Tru ikkje at eg vil klaga dykk for Far. Den som klagar dykk, er Moses, han som de har sett dykkar håp til.

<sup>46</sup>For hadde de trudd Moses, hadde de òg trudd meg, for det er om meg han har skrive.

<sup>47</sup>Men når de ikkje trur skriftene hans, korleis kan de då tru orda mine?»

## Johannes 6

### Jesus mettar fem tusen

(Matt 14,13–21; Mark 6,30–44; Luk 9,10–17)

<sup>1</sup>Sidan drog Jesus bort til andre sida av Galileasjøen, som òg heiter Tiberiassjøen.

<sup>2</sup>Og mykje folk følgde etter han, for dei såg teikna han gjorde då han lækte dei sjuke.

<sup>3</sup>Jesus gjekk opp i fjellet og sette seg der saman med læresveinane sine.

<sup>4</sup>Det nærma seg no påske, høgtida til jødane.

<sup>5</sup>Då Jesus lyfte blikket og såg at det kom mykje folk til han, sa han til Filip: «Kvar skal vi kjøpa brød så alle desse kan få mat?»

<sup>6</sup>Det sa han for å prøva Filip, for han visste sjølv kva han ville gjera.

<sup>7</sup>Filip svara: «Brød for to hundre denarar er ikkje nok til at kvar av dei kan få eit lite stykke.»

<sup>8</sup>Ein annan av læresveinane, Andreas, bror til Simon Peter, sa til han:

<sup>9</sup>«Det er eit barn her som har fem byggbrød og to fiskar, men kva er det til så mange?»

<sup>10</sup>Då sa Jesus: «Lat folket setja seg.» Det var mykje gras der på staden, og dei sette seg. Talet på mennene var omkring fem tusen.

<sup>11</sup>Då tok Jesus brøda, bad takkebøn og delte ut til dei medan dei sat der. Like eins delte han ut av fiskane, så mykje dei ville ha.

<sup>12</sup>Då dei var mette, sa han til læresveinane: «Samla saman dei stykka som er att, så ingen ting går til spille.»

<sup>13</sup>Dei samla saman og fylte tolv korgar med stykke som var att av dei fem byggbrøda etter at alle hadde ete.

<sup>14</sup> Då folket såg det teiknet Jesus hadde gjort, sa dei: «Dette er sanneleg profeten som skal koma til verda!»

<sup>15</sup> Jesus skjøna at dei ville koma og tvinga han med seg for å gjera han til konge. Difor drog han seg unna og gjekk opp i fjellet att, han åleine.

**Jesus går på vatnet**  
(Matt 14,22–27; Mark 6,45–52)

<sup>16</sup>Då det vart kveld, kom læresveinane ned til sjøen.

<sup>17</sup>Dei gjekk ut i ein båt og ville dra over til Kapernaum. Det hadde alt vorte mørkt, og Jesus var endå ikkje komen til dei.

<sup>18</sup>Sjøen gjekk høg, for det bles hardt.

<sup>19</sup>Då dei hadde rodd tjuefem eller tretti stadiar, såg dei Jesus koma gåande på vatnet og nærma seg båten, og dei vart redde.

<sup>20</sup> Men Jesus sa til dei: «Det er eg. Ver ikkje redde!»

<sup>21</sup>Dei ville ta han opp i båten, og straks var båten innmed land der dei skulle leggja til.

**Brødet frå himmelen**

<sup>22</sup>Dagen etter stod det endå mange menneske att på andre sida av sjøen. Dei hadde sett at det var berre éin båt der, og at Jesus ikkje gjekk i båten saman med læresveinane; dei hadde fare av stad åleine.

<sup>23</sup> No kom det nokre båtar frå Tiberias og la til nær den staden der Herren hadde bede takkebøn og dei hadde ete brødet.

<sup>24</sup> Då folket såg at korkje Jesus eller læresveinane hans var der, gjekk dei i båtane og fór over til Kapernaum og leita etter Jesus.

<sup>25</sup> Dei fann han der, på den sida av sjøen, og sa til han: «Rabbi, når kom du hit?»

<sup>26</sup> Jesus svara: «Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: De leitar ikkje etter meg fordi de såg teikn, men fordi de åt av brøda og vart mette.

<sup>27</sup> Arbeid ikkje for den mat som forgår, men for den mat som varer og gjev evig liv, den som Menneskesonen skal gje dykk. For på han har Far, Gud sjølv, sett sitt segl.»

<sup>28</sup> Då sa dei til han: «Kva gjerningar er det då Gud vil vi skal gjera?»

<sup>29</sup> Jesus svara: «Dette er den gjerninga Gud vil de skal gjera: Tru på han som Gud har sendt.»

<sup>30</sup> «Kva teikn gjer du, så vi kan sjå det og tru på deg?» spurde dei. «Kva vil du gjera?

<sup>31</sup> Fedrane våre åt manna i øydemarka, som det står skrive: Brød frå himmelen gav han dei å eta.»

<sup>32</sup> Jesus svara: «Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Moses gav dykk ikkje brødet frå himmelen. Det er Far min som gjev dykk det sanne brødet frå himmelen.

<sup>33</sup> Guds brød er det brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv.»

<sup>34</sup> Då sa dei: «Herre, gjev oss alltid det brødet.»

<sup>35</sup> Jesus svara: «Eg er livsens brød. Den som kjem til meg, skal ikkje hungra, og den som trur på meg, skal aldri tørsta.

<sup>36</sup> Men eg har sagt dykk: Endå de har sett meg, trur de ikkje.



- <sup>37</sup> Alle dei som Far gjev meg, kjem til meg, og den som kjem til meg, skal eg så visst ikkje visa bort.
- <sup>38</sup> For eg er ikkje komen ned frå himmelen for å gjera det eg sjølv vil, men det han vil, han som sende meg.
- <sup>39</sup> Og det han vil, han som sende meg, er at eg ikkje skal mista nokon av alle dei han har gjeve meg, men reisa dei opp på den siste dagen.
- <sup>40</sup> For det vil Far min, at kvar den som ser Sonen og trur på han, skal ha evig liv, og eg skal reisa han opp på den siste dagen.»
- <sup>41</sup> Jødane murra mot han fordi han sa: «Eg er brødet som er kome ned frå himmelen.»
- <sup>42</sup> Og dei spurde: «Er ikkje dette Jesus, son til Josef? Vi kjenner då både far hans og mor hans. Korleis kan han då seia at han er komen ned frå himmelen?»
- <sup>43</sup> Jesus svara: «Hald opp med denne murringa!
- <sup>44</sup> Ingen kan koma til meg utan at Far som sende meg, dreg han, og eg skal reisa han opp på den siste dagen.
- <sup>45</sup> Det står skrive hos profetane: Alle skal vera opplærte av Gud. Kvar den som høyrer på Far og lærer av han, kjem til meg.
- <sup>46</sup> Men ingen har sett min Far. Berre han som er frå Gud, har sett Far.
- <sup>47</sup> Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Den som trur, har evig liv.
- <sup>48</sup> Eg er livsens brød.
- <sup>49</sup> Fedrane dykkar åt manna i øydemarka, men dei døyde.
- <sup>50</sup> Det brødet som kjem ned frå himmelen, er slik at den som et av det, ikkje døyr.
- <sup>51</sup> Eg er det levande brødet som er kome ned frå himmelen. Den som et av dette brødet, skal leva til evig tid. Og det brødet eg vil gje, er kroppen min som eg gjev til liv for verda.»

<sup>52</sup>No vart det strid mellom jødane, og dei sa: «Korleis kan han gje oss kroppen sin å eta?»

<sup>53</sup>Jesus sa til dei: «Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Dersom de ikkje et kroppen til Menneskesonen og drikk blodet hans, har de ikkje livet i dykk.

<sup>54</sup>Den som et min kropp og drikk mitt blod, har evig liv, og eg skal reisa han opp på den siste dagen.

<sup>55</sup>For kroppen min er sann mat, og blodet mitt er sann drikk.

<sup>56</sup>Den som et min kropp og drikk mitt blod, blir verande i meg og eg i han.

<sup>57</sup>Slik den levande Far har sendt meg og eg har liv ved han, slik skal òg den som et meg, ha liv ved meg.

<sup>58</sup>Dette er det brødet som er kome ned frå himmelen. Det er ikkje det som fedrane åt, dei som døydde. Den som et dette brødet, skal leva i all æve.»

<sup>59</sup>Dette sa han medan han underviste folket i synagogen i Kapernaum.

#### **Mange blir støyte av Jesu ord**

<sup>60</sup>Mange av læresveinane hans sa då dei høyrde det: «Dette er harde ord! Kven kan høyra på slikt?»

<sup>61</sup>Jesus visste med seg at læresveinane hans murra på grunn av dette, og han sa til dei: «Gjer dette at de fell ifrå?

<sup>62</sup>Kva så når de får sjå Menneskesonen stiga opp dit han var før?

<sup>63</sup>Det er Anden som gjer levande; kjøt og blod kan ingen ting gjera. Dei orda eg har tala til dykk, er ånd og liv.

<sup>64</sup>Men det er nokre av dykk som ikkje trur.» For Jesus visste frå første stund kven det var som ikkje trudde, og kven som skulle svika han.

<sup>65</sup>Og han la til: «Difor sa eg dykk at ingen kan koma til meg utan at det blir gjeve han av min Far.»

#### **Peters vedkjenning**

<sup>66</sup>Etter dette drog mange av læresveinane hans seg unna og gjekk ikkje omkring med han lenger.

<sup>67</sup>Då spurde Jesus dei tolv: «Vil de òg gå bort?»

<sup>68</sup>Simon Peter svara: «Herre, kven skulle vi gå til? Du har det evige livs ord,  
<sup>69</sup> og vi trur og veit at du er Guds Heilage.»

<sup>70</sup>Då sa Jesus: «Har eg ikkje valt dykk ut alle tolv? Og ein av dykk er ein djevel!»

<sup>71</sup>Han sa dette om Judas, son til Simon Iskariot. For han skulle svika Jesus, og han var ein av dei tolv.

## Johannes 7

### Jesus dreg opp til lauvhyttfesten

<sup>1</sup>Sidan drog Jesus omkring i Galilea. Han ville ikkje vera i Judea, for jødane prøvde å drepa han.

<sup>2</sup>Så nærma lauvhyttfesten seg, ei av høgtidene til jødane.

<sup>3</sup>Då sa brørne hans til han: «Dra herifrå og reis til Judea, så læresveinane dine òg kan få sjå dei gjerningane du gjer.

<sup>4</sup>For ingen som vil bli kjend, gjer noko i løynd. Når du gjer slike ting, så stig fram for verda!»

<sup>5</sup>For heller ikkje brørne hans trudde på han.

<sup>6</sup>Jesus sa til dei: «Mi tid er enno ikkje komen, men for dykk er det alltid rette tida.

<sup>7</sup>Verda kan ikkje hata dykk, men meg hatar ho fordi eg vitnar om henne at gjerningane hennar er vonde.

<sup>8</sup>Dra de opp til høgtida; eg dreg ikkje, for mi tid er enno ikkje komen.»

<sup>9</sup>Dette sa han til dei og vart verande i Galilea.

<sup>10</sup>Men då brørne hans hadde drege opp til høgtida, drog han òg dit, ikkje openlyst, men i løynd.

<sup>11</sup>Jødane leita etter han under høgtida og spurde: «Kvar er han?»

<sup>12</sup>Og det vart mykje snakk om han mellom folket. Somme sa: «Han er eit godt menneske.» Andre sa: «Nei, han fører folket vill.»

<sup>13</sup>Men ingen sa høgt kva dei meinte om han, for dei var redde jødane.

### **Jesus står fram under lauvhyttefesten**

<sup>14</sup>Då det leid midt ut i høgtida, gjekk Jesus opp på tempelplassen og tok til å undervisa.

<sup>15</sup> Jødane undra seg og sa: «Korleis kan han ha slik kunnskap, han som ikkje har fått noka opplæring?»

<sup>16</sup> Jesus svara: «Mi lære er ikkje mi; ho er frå han som sende meg.

<sup>17</sup>Den som vil gjera hans vilje, han skal få kjenna om læra er frå Gud, eller om eg talar ut frå meg sjølv.

<sup>18</sup> Den som talar ut frå seg sjølv, søker si eiga ære, men den som søker ære for den som har sendt han, han talar sant, og det finst ikkje urett i han.

<sup>19</sup> Har ikkje Moses gjeve dykk lova? Men ingen av dykk held lova! Kvifor vil de då drepa meg?»

<sup>20</sup> «Du har ei vond ånd i deg», svara folket, «kven er det som vil drepa deg?»

<sup>21</sup> Jesus svara: «Ei einaste gjerning har eg gjort, og så undrar de dykk, alle saman.

<sup>22</sup> Moses har gjeve dykk omskeringa – ho er eigentleg ikkje frå Moses, men frå fedrane – og de omskjer til og med på ein sabbat.

<sup>23</sup> Når no eit menneske kan omskjerast på ein sabbat så ikkje Moselova skal brytast, kvifor er de då vonde på meg fordi eg har gjort heile mennesket friskt på ein sabbat?

<sup>24</sup> Døm ikkje etter det de ser, men døm rettferdig!»

### **Levande vatn**

<sup>25</sup> Då sa nokre av dei som budde i Jerusalem: «Er ikkje dette den mannen som dei vil drepa?»

- 26** Og no står han og talar ope og fritt, og dei seier ikkje eit ord til han. Kan rådsherrane verkeleg ha kome til at han er Messias?
- 27** Vi veit då kvar denne mannen er ifrå. Men når Messias kjem, skal ingen vita kvar han er ifrå.»
- 28** Då ropa Jesus ut medan han underviste på tempelplassen: «De kjenner meg og veit kvar eg er ifrå. Men eg er ikkje komen av meg sjølv. Nei, han som har sendt meg, er truverdig, men han kjenner de ikkje.
- 29** Men eg kjenner han, for eg kjem frå han, og han har sendt meg.»
- 30** Då ville dei gripa han, men det var ingen som la hand på han, for endå var ikkje timen hans komen.
- 31** I folket var det mange som tok til å tru på han, og dei sa: «Når Messias kjem, vil han då gjera fleire teikn enn denne mannen har gjort?»
- 32** Farisearane hørde alt snakket om han blant folk, og overprestane og farisearane sende ut nokre av mennene sine som skulle gripa han.
- 33** Då sa Jesus: «Endå ei lita stund er eg hos dykk, så fer eg til han som har sendt meg.
- 34** De skal leita etter meg, men ikkje finna meg, for der eg er, dit kan de ikkje koma.»
- 35** Jødane sa no seg imellom: «Kvar vil han fara, sidan vi ikkje skal finna han? Tru om han vil fara til landsmennene våre som bur mellom grekarane, og undervisa grekarar?
- 36** Kva meiner han med det han sa: ‘De skal søkja meg og ikkje finna meg, og der eg er, dit kan de ikkje koma?’»
- 37** Siste dagen i høgtida, den store festdagen, stod Jesus fram og ropa: «Den som tørstar, skal koma til meg og drikka.
- 38** Den som trur på meg, frå hans indre skal det, som Skrifta seier, renna elvar med levande vatn.»

<sup>39</sup> Dette sa han om Anden dei skulle få, dei som trudde på han. For endå var ikkje Anden komen, for Jesus var endå ikkje herleggjord.

<sup>40</sup> Somme i folkemengda sa då dei høyrde orda hans: «Dette må sanneleg vera profeten.»

<sup>41</sup> Andre sa: «Nei, det er Messias.» Då sa nokre: «Messias kjem då vel ikkje frå Galilea?

<sup>42</sup> Seier ikkje Skrifta at Messias skal vera av Davids ætt og koma frå Betlehem, heimbyen til David?»

<sup>43</sup> Slik splitta folket seg i flokkar for hans skuld.

<sup>44</sup> Somme av dei ville gripa han, men ingen la hand på han.

<sup>45</sup> Då vaktene kom att, sa overprestane og farisearane til dei: «Kvifor tok de han ikkje med dykk?»

<sup>46</sup> Dei svara: «Aldri har noko menneske tala som han.»

<sup>47</sup> «Har de òg late dykk føra vill?» sa farisearane.

<sup>48</sup> «Er det nokon av rådsherrane som trur på han, eller nokon av farisearane?

<sup>49</sup> Men denne folkehopen som ikkje kjenner lova – dei er forbanna.»

<sup>50</sup> Då sa Nikodemus, ein av deira eigne, han som før ein gong hadde kome til Jesus:

<sup>51</sup> «Lova vår dømmar vel ikkje eit menneske utan forhøyr, før ein har fått vita kva han har gjort?»

<sup>52</sup> «Er du òg frå Galilea, kanskje?» svara dei. «Sjå etter i Skrifta, så skal du få sjå at det ikkje har stått fram nokon profet frå Galilea.»

### **Kvinna som var gripen i ekteskapsbrot**

<sup>53</sup> {{Så gjekk dei heim, kvar til seg,

## **Johannes 8**

<sup>1</sup>og Jesus gjekk ut til Oljeberget.

<sup>2</sup>Tidleg om morgonen dagen etter kom han til tempelet att. Alt folket samla seg omkring han, og han sette seg og underviste dei.

<sup>3</sup>Då kom dei skriftlærde og farisearane med ei kvinne som var gripen i ekteskapsbrot. Dei førte henne fram

<sup>4</sup>og sa: «Meister, denne kvinna har dei gripe på fersk gjerning i ekteskapsbrot.

<sup>5</sup>I lova har Moses påbode oss å steina slike kvinner. Kva seier no du?»

<sup>6</sup>Dette sa dei for å setja han på prøve, så dei kunne få noko å klaga han for. Jesus bøygde seg ned og skreiv på jorda med fingeren.

<sup>7</sup>Men då dei heldt fram med å spørja, rette han seg opp og sa: «Den av dykk som er utan synd, kan kasta den første steinen på henne.»

<sup>8</sup>Så bøygde han seg ned att og skreiv på jorda.

<sup>9</sup>Då dei hørde dette, gjekk dei bort, den eine etter den andre, dei eldste først. Til sist var Jesus att åleine, og kvinna stod framfor han.

<sup>10</sup>Då rette han seg opp og sa: «Kvar er dei, kvinne? Var det ingen som dømde deg?»

<sup>11</sup>«Nei, Herre, ingen», svara ho. Då sa Jesus: «Så dømmer ikkje eg deg heller. Gå bort og synd ikkje meir!}}}

### **Jesus, lyset i verda**

<sup>12</sup>Igjen tala Jesus til folket og sa: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.»

<sup>13</sup>Farisearane sa til han: «Du vitnar i eiga sak, vitneutsegna di er ikkje gyldig.»

<sup>14</sup>Jesus svara: «Om eg vitnar i mi eiga sak, er vitneutsegna mi gyldig likevel. For eg veit kvar eg er komen ifrå og kvar eg dreg. Men de veit korkje kvar eg kjem ifrå eller kvar eg dreg.

<sup>15</sup>De dømmer slik menneske gjer; eg dømmer ingen.

<sup>16</sup>Men om eg dømmer, så er dommen min gyldig. For eg er ikkje åleine, eg er saman med Far, han som har sendt meg.

17 Og i dykkar eiga lov står det skrive at ei vitneutsegn frå to menneske er gyldig.

18 Eg er den som vitnar om meg sjølv. Far som har sendt meg, vitnar òg om meg.»

19 «Kvar er far din?» spurde dei. Jesus svara: «De kjenner verken meg eller Far min. Hadde de kjent meg, hadde de kjent Far min òg.»

20 Dette sa Jesus medan han sat og underviste ved tempelkista. Men ingen la hand på han, for timen hans var endå ikkje komen.

### Kven er du?

21 Ein annan gong sa Jesus til dei: «Eg går bort, og de kjem til å leita etter meg; men de skal døy i synda dykkar. Dit eg går, kan ikkje de koma.»

22 Då sa jødane: «Han vil vel ikkje ta sitt eige liv, sidan han seier: Dit eg går, kan ikkje de koma?»

23 Jesus sa til dei: «De er nedanfrå, eg er ovanfrå. De er av denne verda, eg er ikkje av denne verda.

24 Eg sa at de skal døy i syndene dykkar. For trur de ikkje at Eg er, skal de døy i syndene dykkar.»

25 «Kven er du?» spurde dei. «Den eg har sagt dykk frå først av», sa Jesus.

26 «Mykje har eg å seia om dykk og dømma dykk for. Men han som har sendt meg, talar sant, og det eg har høyrte av han, det talar eg til verda.»

27 Dei skjøna ikkje at det var Far sin han tala om.

28 Difor sa Jesus til dei: «Når de får lyft Menneskesonen opp, skal de skjøna at Eg er, og at eg ikkje gjer noko av meg sjølv, men talar slik som Far har lært meg.

29 Og han som har sendt meg, er med meg. Han lèt meg ikkje vera åleine, for eg gjer alltid det som er etter hans gode vilje.»

30 Då han sa dette, var det mange som tok til å tru på han.

### Abrahams ætt



- 31 Så sa Jesus til dei jødane som var komne til tru på han: «Blir de verande i mitt ord, er de verkeleg mine læresveinar.
- 32 Då skal de få kjenna sanninga, og sanninga skal gjera dykk frie.»
- 33 «Vi er Abrahams ætt», la dei imot, «og har aldri vore slavar for nokon. Korleis kan du då seia at vi skal bli frie?»
- 34 Jesus svara: «Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Kvar den som gjer synd, er slave under synda.
- 35 Ein slave blir ikkje verande i huset i all framtid, men ein son blir verande der for alltid.
- 36 Får Sonen gjort dykk frie, blir de verkeleg frie.
- 37 Eg veit at de er Abrahams ætt, men de vil drepa meg, for ordet mitt har ikkje rom hos dykk.
- 38 Eg talar om det eg har sett hos min Far, og de gjer det de har høyrte av dykkar far.»
- 39 «Vår far er Abraham», sa dei. Jesus svara: «Var de Abrahams born, gjorde de som Abraham.
- 40 Men no vil de drepa meg, eit menneske som har sagt dykk sanninga han har høyrte av Gud. Det gjorde ikkje Abraham.
- 41 De gjer som far dykkar gjorde.» «Vi er ikkje fødde i hor», sa dei. «Vi har éin far, og det er Gud.»
- 42 Jesus sa til dei: «Var Gud far dykkar, så hadde de elska meg; for eg har gått ut frå Gud og er komen frå han. Eg er ikkje komen av meg sjølv, men han har sendt meg.
- 43 Kvifor skjønar de ikkje det eg seier? Fordi de ikkje toler å høyra mitt ord!
- 44 De har djevelen til far og vil gjera det far dykkar ønskjer. Han har vore ein mordar heilt frå opphavet og står utanfor sanninga; ja, det finst ikkje sanning i han. Når han lyg, talar han ut frå sitt eige, for han er ein løgnar og far til løgna.

- <sup>45</sup>Men eg seier sanninga, og difor trur de meg ikkje.
- <sup>46</sup> Kven av dykk kan peika på synd hos meg? Men når det er sanning eg seier, kvifor trur de meg ikkje då?
- <sup>47</sup> Den som er av Gud, høyrer Guds ord. De høyrer ikkje, for de er ikkje av Gud.»
- <sup>48</sup> Då svara jødane: «Er det ikkje sant som vi seier, at du er ein samaritan og har ei vond ånd i deg?»
- <sup>49</sup>«Eg har inga vond ånd i meg», sa Jesus, «men eg ærar Far min, og de vanærar meg.
- <sup>50</sup> Eg søker ikkje mi eiga ære. Det er ein som det gjer, og han dømmar.
- <sup>51</sup> Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Den som held fast på mitt ord, skal ikkje i all æve sjå døden.»
- <sup>52</sup>Jødane svara: «No skjønner vi at du har ei vond ånd i deg. Abraham og profetane døydde, og du seier: Den som held fast på mitt ord, skal ikkje i all æve smaka døden.
- <sup>53</sup> Du er vel ikkje større enn Abraham, far vår? Både han og profetane døydde. Kven gjev du deg ut for å vera?»
- <sup>54</sup>Jesus svara: «Dersom eg ærar meg sjølv, er æra mi ingen ting verd. Det er Far min som ærar meg, han som de kallar dykkar Gud.
- <sup>55</sup>De har aldri kjent han, men eg kjenner han. Om eg sa at eg ikkje kjenner han, var eg ein løgnar, slik som de. Men eg kjenner han og held fast på hans ord.
- <sup>56</sup> Abraham, far dykkar, gledde seg hjarteleg til å sjå min dag. Han fekk sjå den dagen og fryda seg.»
- <sup>57</sup>«Du er enno ikkje femti år», sa jødane, «og så har du sett Abraham?»
- <sup>58</sup> Jesus svara: «Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Før Abraham var, er eg.»

<sup>59</sup> Då tok dei opp steinar og ville kasta på han. Men Jesus løynde seg og gjekk bort frå tempelplassen.

## Johannes 9

### Mannen som var fødd blind

<sup>1</sup>Då Jesus kom gåande, fekk han sjå ein mann som hadde vore blind frå han var fødd.

<sup>2</sup>Læresveinane spurde: «Rabbi, kven er det som har synda, han eller foreldra hans, sidan han vart fødd blind?»

<sup>3</sup>Jesus svara: «Verken han eller foreldra hans har synda. Men no kan Guds gjerningar bli openberra på han.

<sup>4</sup>Så lenge det er dag, må vi gjera hans gjerningar som har sendt meg. Det kjem ei natt då ingen kan arbeida.

<sup>5</sup>Så lenge eg er i verda, er eg lyset i verda.»

<sup>6</sup>Då han hadde sagt det, spyttta han på jorda og laga til litt leire av spyttet og smurde på auga til mannen.

<sup>7</sup>Så sa han: «Gå og vask deg i Siloa-dammen!» Siloa tyder utsend. Mannen gjekk dit og vaska seg, og då han kom att, kunne han sjå.

<sup>8</sup>Naboane og dei som før hadde sett at han var tiggjar, sa då: «Er ikkje dette han som sat og tigga?»

<sup>9</sup>«Jau, det er han», sa somme. Andre sa: «Nei, men han liknar.» Sjølv sa han: «Det er eg.»

<sup>10</sup>«Korleis vart auga dine opna?» spurde dei.

<sup>11</sup>Han svara: «Den mannen som heiter Jesus, laga til litt leire og smurde på auga mine og sa: 'Gå til Siloa-dammen og vask deg!' Eg gjekk dit, og då eg hadde vaska meg, kunne eg sjå.»

<sup>12</sup>«Kvar er denne mannen?» spurde dei. «Eg veit ikkje», svara han.

<sup>13</sup>Så førte dei mannen som hadde vore blind, til farisearane.



- 14** Det var sabbat den dagen Jesus hadde laga til leire og opna auga hans.
- 15** Også farisearane spurde korleis han hadde fått synet. «Han la leire på auga mine», svara mannen, «så vaska eg meg, og no ser eg.»
- 16** Då sa nokre av farisearane: «Denne mannen er ikkje frå Gud sidan han ikkje held sabbaten.» Andre sa: «Korleis kan eit syndig menneske gjera slike teikn?» Det vart usemje mellom dei om dette.
- 17** Så spurde dei på nytt han som hadde vore blind: «Kva meiner du om han, sidan det var dine auge han opna?» «Han er ein profet», svara mannen.
- 18** Jødane ville ikkje tru at han hadde vore blind og no kunne sjå. Difor sende dei bod på foreldra til han som hadde fått synet att,
- 19** og spurde dei: «Er dette son dykkar, han som de seier er fødd blind? Korleis har det seg då at han kan sjå?»
- 20** Foreldra svara: «Vi veit at dette er vår son, og at han er fødd blind.
- 21** Men korleis det har seg at han no kan sjå, det veit vi ikkje, og heller ikkje veit vi kven som har opna auga hans. Spør han sjølv! Han er gammal nok til å svara for seg.»
- 22** Dette sa dei fordi dei var redde jødane. For jødane hadde alt vorte einige om at den som vedkjende at Jesus var Messias, skulle støytast ut av synagogen.
- 23** Difor sa foreldra hans: «Han er gammal nok, spør han sjølv.»
- 24** Andre gongen henta dei han som hadde vore blind, og sa til han: «Gjev Gud æra! Vi veit at dette mennesket er ein syndar.»
- 25** Han svara: «Om han er ein syndar, det veit eg ikkje. Men dette veit eg: Eg var blind, og no ser eg.»
- 26** «Kva gjorde han med deg?» spurde dei. «Korleis opna han auga dine?»
- 27** «Eg har alt sagt dykk det», sa han, «og de ville ikkje høyra på meg. Kvifor vil de høyra det om att? Kanskje vil de òg bli læresveinane hans?»

**28** Dei skjelte han ut og sa: «Du er læresveinen hans, vi er læresveinane til Moses.

**29** Vi veit at Gud har tala til Moses, men vi veit ikkje kvar dette mennesket er ifrå.»

**30** «Det er då underleg», sa mannen, «at de ikkje veit kvar han er ifrå, endå han har opna auga mine.

**31** Vi veit at Gud ikkje høyrer på syndarar, men han høyrer på den som har gudsfrykt og gjer etter hans vilje.

**32** Så lenge verda har stått, har ein aldri høyrte om at nokon har opna auga på ein som er fødd blind.

**33** Var ikkje denne mannen frå Gud, kunne han ingen ting gjera.»

**34** Dei svara: «Du er fødd syndar tvers igjennom, og du vil læra oss?» Så kasta dei han ut.

**35** Jesus fekk høyra at dei hadde kasta han ut, og då han møtte mannen, spurde han: «Trur du på Menneskesonen?»

**36** Mannen svara: «Kven er han då, gode herre, så eg kan tru på han?»

**37** «Du har sett han», sa Jesus. «Det er han som no snakkar med deg.»

**38** «Eg trur, Herre», sa mannen. Og han tilbad han.

**39** Då sa Jesus: «Til dom er eg komen til denne verda, så dei som ikkje ser, skal sjå, og dei som ser, skal bli blinde.»

**40** Nokre av farisearane som stod der, høyrde dette og sa til han: «Kanskje vi òg er blinde?»

**41** Jesus svara: «Var de blinde, hadde de inga synd. Men no seier de ‘Vi ser!’ Difor blir synda dykkar ståande.»

## Johannes 10

### Eg er porten

<sup>1</sup>«Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje går inn til saueflokken gjennom porten, men kliv over ein annan stad, han er ein tjuv og ein røvar.

<sup>2</sup>Men den som går inn gjennom porten, er gjetaren til sauene.

<sup>3</sup>Portvaktaren lèt opp for han, og sauene høyrer røysta hans. Han kallar sine eigne sauer med namn og leier dei ut.

<sup>4</sup>Og når han har fått ut alle sine, går han føre dei, og sauene følgjer han, for dei kjenner røysta hans.

<sup>5</sup>Men ein framand vil dei ikkje følgja. Dei rømmer frå han, for dei kjenner ikkje røysta til den framande.»

<sup>6</sup>Denne likninga fortalde Jesus dei, men dei skjøna ikkje kva han meinte.

<sup>7</sup>Då sa Jesus: «Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Eg er porten inn til sauene.

<sup>8</sup>Alle som er komne før meg, er tjuvar og røvarar, men sauene høyrde ikkje på dei.

<sup>9</sup>Eg er porten. Den som går inn gjennom meg, skal bli frelst og fritt gå inn og ut og finna beite.

<sup>10</sup>Tjuven kjem berre for å stela, drepa og øydeleggja. Eg er komen for at de skal ha liv og overflod.

### **Den gode gjetaren**

<sup>11</sup> Eg er den gode gjetaren. Den gode gjetaren set livet til for sauene.

<sup>12</sup>Men leigekaren, som ikkje er gjetar og ikkje eig sauene, han lèt sauene vera og rømmer når han ser ulven koma. Og ulven herjar mellom dei og jagar dei frå kvarandre.

<sup>13</sup>For han er leigekar og har ikkje omsorg for sauene.

<sup>14</sup> Eg er den gode gjetaren. Eg kjenner mine, og mine kjenner meg,

<sup>15</sup> slik som Far kjenner meg og eg kjenner Far. Eg set livet til for sauene.

<sup>16</sup> Eg har òg andre sauer, som ikkje høyrer til denne flokken. Dei òg må eg leia; dei skal høyra mi røyst, og det skal bli éin flokk og éin gjetar.

- 17** Far elsker meg fordi eg set livet til så eg kan ta det tilbake.
- 18** Ingen tek livet mitt, eg gjev det frivillig. Eg har makt til å gje det, og eg har makt til å ta det tilbake. Denne oppgåva fekk eg av Far min.»
- 19** No vart det på nytt usemje mellom jødane på grunn av det han hadde sagt.
- 20** Mange av dei sa: «Han har ei vond ånd i seg, han er frå vitet. Kvifor høyrer de på han?»
- 21** Andre sa: «Slik talar ikkje ein som har ei vond ånd i seg. Ei vond ånd kan vel ikkje opna auga på blinde?»

### **Jesus er Guds Son**

- 22** Så kom den festen dei heldt i Jerusalem til minne om innviinga av tempelet. Det var vinter.
- 23** Og Jesus gjekk omkring i Salomos søylehall på tempelplassen.
- 24** Då flokka jødane seg omkring han og spurde: «Kor lenge vil du halda oss i uvisse? Er du Messias, så sei oss det rett ut!»
- 25** Jesus svara: «Eg har sagt det til dykk, men de trur meg ikkje. Dei gjerningane eg gjer i namnet til Far min, vitnar om meg.
- 26** Men de trur meg ikkje, for de høyrer ikkje til mine sauer.
- 27** Mine sauer høyrer mi røyst, eg kjenner dei, og dei følgjer meg.
- 28** Og eg gjev dei evig liv; dei skal ikkje i all æve gå tapt, og ingen skal riva dei ut av mi hand.
- 29** Det Far min har gjeve meg, er større enn alt anna, og ingen kan riva det ut av handa til Far min.
- 30** Eg og Far er eitt.»
- 31** På nytt tok jødane opp steinar og ville steina han.
- 32** Jesus sa til dei: «Eg har vist dykk mange gode gjerningar frå Far. Kva for ei av desse gjerningane er det de vil steina meg for?»

<sup>33</sup> «For ei god gjerning steinar vi deg ikkje», svara jødane, «men fordi du spottar Gud. Du som er eit menneske, gjer deg sjølv til Gud.»

<sup>34</sup> Jesus svara: «Står det ikkje skrive i lova dykkar: Eg har sagt: ‘De er gudar’?»

<sup>35</sup> Dei som Guds ord kom til, vart i lova kalla gudar, og Skrifta kan ikkje setjast ut av kraft.

<sup>36</sup> Kvifor seier de då om han som Far har helga og sendt til verda: ‘Du spottar Gud’ når han seier: ‘Eg er Guds Son’?

<sup>37</sup> Gjer eg ikkje gjerningane til Far min, så tru meg ikkje.

<sup>38</sup> Men gjer eg dei, så tru i det minste gjerningane, om de ikkje trur meg. Då skal de sjå og skjønna at Far er i meg og eg i Far.»

<sup>39</sup> Då prøvde dei på nytt å gripa han, men han slapp ut av hendene deira.

<sup>40</sup> Så fór Jesus attende til andre sida av Jordan, til den staden der Johannes først hadde vore og døypt, og der vart han verande ei tid.

<sup>41</sup> Det kom mange til han, og dei sa: «Johannes gjorde ikkje noko teikn, men alt det han sa om denne mannen, var sant.»

<sup>42</sup> Og det var mange der som kom til tru på Jesus.

## **Johannes 11**

### **Jesus vekkjer opp Lasarus**

<sup>1</sup> Ein mann som heitte Lasarus, låg sjuk. Han var frå Betania, den byen som Maria og Marta, syster hennar, budde i.

<sup>2</sup> Det var Maria som hadde salva Herren med olje og tørka føtene hans med håret sitt. Lasarus, som låg sjuk, var bror hennar.

<sup>3</sup> Systrene sende då bod til Jesus og sa: «Herre, han som du er så glad i, er sjuk.»

<sup>4</sup> Då Jesus hørde det, sa han: «Denne sjukdomen fører ikkje til døden. Nei, han er til Guds ære; han skal herleggjera Guds Son.»

<sup>5</sup> Jesus var svært glad i Marta og syster hennar og Lasarus.



<sup>6</sup>Då han no hørde at Lasarus låg sjuk, vart han verande endå to dagar der han var.

<sup>7</sup>Då først sa han til læresveinane: «Kom, lat oss dra tilbake til Judea.»

<sup>8</sup>«Rabbi», sa dei, «no nettopp ville jødane steina deg, og så dreg du dit på nytt?»

<sup>9</sup>Jesus svara: «Har ikkje dagen tolv timar? Den som går om dagen, snublar ikkje, for han ser lyset i denne verda.

<sup>10</sup>Men den som går omkring om natta, snublar, fordi han ikkje har lyset i seg.»

<sup>11</sup> Då Jesus hadde sagt dette, sa han til dei: «Lasarus, venen vår, er sovna, men eg går og vekkjer han.»

<sup>12</sup>«Herre», sa læresveinane, «er han sovna, så blir han nok frisk att.»

<sup>13</sup>Jesus hadde tala om at han var død, men dei trudde han tala om vanleg søvn.

<sup>14</sup>Då sa Jesus rett ut: «Lasarus er død.

<sup>15</sup>Og for dykkar skuld er eg glad at eg ikkje var der, slik at de kan koma til å tru. Men kom, lat oss gå til han.»

<sup>16</sup> Tomas, han som vart kalla Tvillingen, sa då til dei andre læresveinane: «Vi går med, vi òg, så vi kan døy saman med han.»

<sup>17</sup>Då Jesus kom fram, fekk han vita at Lasarus alt hadde lege fire dagar i grava.

<sup>18</sup> Betania ligg ikkje langt frå Jerusalem, berre femten stadiar om lag,

<sup>19</sup>og mange jødar var komne til Marta og Maria og ville trøysta dei i sorga over broren.

<sup>20</sup>Så snart Marta fekk høyra at Jesus kom, gjekk ho og møtte han, men Maria vart sitjande heime.

<sup>21</sup>Marta sa til Jesus: «Herre, hadde du vore her, så hadde ikkje bror min døydd.

<sup>22</sup>Men no òg veit eg at alt det du bed Gud om, vil han gje deg.»

<sup>23</sup>«Bror din skal stå opp att», seier Jesus.

<sup>24</sup> «Eg veit at han skal stå opp att når alle står opp på den siste dagen», svara Marta.

<sup>25</sup>Då sa Jesus til henne: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr.

<sup>26</sup> Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy. Trur du det?»

<sup>27</sup>«Ja, Herre», seier ho, «eg trur at du er Messias, Guds Son, han som skal koma til verda.»

<sup>28</sup>Då ho hadde sagt dette, gjekk ho og kalla i løynd på Maria, syster si, og sa til henne: «Meisteren er her og spør etter deg.»

<sup>29</sup>Då Maria hørde det, reiste ho seg straks og gjekk ut til han.

<sup>30</sup>Jesus var endå ikkje komen inn i landsbyen; han var framleis der Marta hadde møtt han.

<sup>31</sup>Dei jødane som var heime hos Maria og trøysta henne, såg at ho brått reiste seg og gjekk ut, og dei følgde etter; dei tenkte at ho gjekk ut til grava og ville gråta der.

<sup>32</sup>Som no Maria kom dit Jesus var, og fekk sjå han, kasta ho seg ned for føtene hans og sa: «Herre, hadde du vore her, hadde ikkje bror min døydd.»

<sup>33</sup>Då Jesus såg at dei gret, både ho og alle jødane som følgde henne, vart han oppskaka og opprørt i sitt indre,

<sup>34</sup>og han sa: «Kvar har de lagt han?» «Kom og sjå, Herre», svara dei.

<sup>35</sup> Jesus gret.

<sup>36</sup>Då sa jødane: «Sjå kor glad han var i han.»

<sup>37</sup> Men somme av dei sa: «Han som opna auga på ein som var blind, kunne ikkje han ha hindra at denne mannen døydde?»

<sup>38</sup> Jesus vart igjen opprørt og gjekk bort til grava. Det var ei hòle, og det låg ein stein framfor opninga.

<sup>39</sup> «Ta bort steinen!» seier Jesus. «Herre», seier Marta, syster til den døde, «det luktar alt av han, for han har lege fire dagar i grava.»

<sup>40</sup> Jesus seier til henne: «Sa eg deg ikkje at dersom du trur, skal du få sjå Guds herlegdom?»

<sup>41</sup> Så tok dei steinen ifrå. Og Jesus såg opp mot himmelen og sa: «Far, eg takkar deg fordi du har høyrte meg.

<sup>42</sup> Eg visste at du alltid høyrer meg. Men eg seier dette på grunn av folket som står omkring, så dei skal tru at det er du som har sendt meg.»

<sup>43</sup> Då han hadde sagt det, ropa han høgt: «Lasarus, kom ut!»

<sup>44</sup> Og den døde kom ut med hendene og føtene sveipte i likklede og med ein duk bunden over andletet. Jesus sa til dei: «Løys han og lat han gå!»

#### **Planar om å drepa Jesus**

<sup>45</sup> Mange av dei jødane som var komne til Maria og hadde sett det Jesus gjorde, kom til tru på han.

<sup>46</sup> Men nokre gjekk til farisearane og fortalde kva han hadde gjort.

<sup>47</sup> Då kalla overprestane og farisearane saman Rådet og sa: «Kva skal vi gjera? Denne mannen gjer mange teikn.

<sup>48</sup> Lèt vi han halda fram slik, kjem snart alle til å tru på han, og romarane kjem og tek både den heilage staden og folket vårt.»

<sup>49</sup> Ein av dei, Kaifas, som var øvsteprest det året, sa då: «De skjønar ingen ting.

<sup>50</sup> De tenkjer ikkje på at det er betre for dykk at eitt menneske dør for folket, enn at heile folket går til grunne.»

<sup>51</sup>Det sa han ikkje av seg sjølv. Men fordi han var øvsteprest det året, tala han profetisk om at Jesus skulle døy for folket.

<sup>52</sup>Ja, han skulle ikkje berre døy for folket, han skulle òg samla til eitt dei Guds born som er spreidde rundt omkring.

<sup>53</sup>Frå den dagen la dei planar om å drepa han.

<sup>54</sup>Difor gjekk ikkje Jesus ope omkring mellom jødane lenger, men tok ut derifrå og drog til området ved øydemarka, til ein by som heiter Efraim. Der var han ei tid saman med læresveinane sine.

<sup>55</sup>Påskehøgtida til jødane nærma seg, og før høgtida drog mange frå landet opp til Jerusalem og skulle reinsa seg.

<sup>56</sup>Dei leita etter Jesus, og medan dei stod på tempelplassen, sa dei til kvarandre: «Kva trur de? Kjem han ikkje til høgtida?»

<sup>57</sup>Overprestane og farisearane hadde gjeve påbod om at den som fekk vita kvar han var, skulle seia frå, så dei kunne gripa han.

## Johannes 12

### Jesus blir salva i Betania

(Matt 26,6–13; Mark 14,3–9)

<sup>1</sup>Seks dagar før påske kom Jesus til Betania, der Lasarus budde, han som Jesus hadde vekt opp frå dei døde.

<sup>2</sup>Der heldt dei eit festmåltid for han. Marta var tenar, og Lasarus var ein av dei som låg til bords med han.

<sup>3</sup>Då tok Maria eit pund ekte, dyr nardussalve og salva Jesu føter og tørka dei med håret sitt. Heile huset vart fylt av angen.

<sup>4</sup>Då sa Judas Iskariot, ein av læresveinane, han som sidan sveik Jesus:

<sup>5</sup>«Kvifor vart ikkje denne salven seld for tre hundre denarar og pengane gjevne til dei fattige?»

<sup>6</sup> Dette sa han ikkje fordi han hadde omsorg for dei fattige, men fordi han var ein tjuv. Det var han som hadde ansvaret for pengekassa, og han tok av det som vart lagt der.

<sup>7</sup> Men Jesus sa: «Lat henne vera! Ho har gøymt salven til gravferdsdagen min.

<sup>8</sup> Dei fattige har de alltid hos dykk, men meg har de ikkje alltid.»

<sup>9</sup> Den store mengda av jødar som var samla, fekk no vita at Jesus var i Betania. Og dei kom dit, ikkje berre for Jesu skuld, men òg for å sjå Lasarus, som han hadde vekt opp frå dei døde.

<sup>10</sup> Då la overprestane planar om å drepa Lasarus òg,

<sup>11</sup> for mange av jødane drog dit for hans skuld og kom til tru på Jesus.

### **Jesus rid inn i Jerusalem**

(Matt 21,1–11; Mark 11,1–11; Luk 19,28–38)

<sup>12</sup> Dagen etter fekk den store folkemengda som var komen til høgtida, høyra at Jesus var på veg inn i Jerusalem.

<sup>13</sup> Då tok dei palmegreiner og gjekk ut for å møte han, og dei ropa: Hosianna! Velsigna er han som kjem i Herrens namn, Israels konge!

<sup>14</sup> Jesus fann seg eit ungt esel og sette seg på det, som det står skrive:

<sup>15</sup> Ver ikkje redd, dotter Sion! Sjå, kongen din kjem, ridande på ein eselfole.

<sup>16</sup> Dette skjøna ikkje læresveinane med det same. Men då Jesus var opphøgd i herlegdom, hugsa dei at dette var skrive om han, og at folket hadde helsa han på denne måten.

<sup>17</sup> Alle som hadde vore med han då han ropa Lasarus ut av grava og vekte han opp frå dei døde, vitna om det dei hadde sett.

<sup>18</sup> Difor var det òg at folket drog ut for å møte han, for dei hadde fått høyra at han hadde gjort dette teiknet.

<sup>19</sup> Men farisearane sa seg imellom: «Der ser de, det nyttar ikkje. Heile verda spring etter han.»

### **Jesus talar om at han skal døy**

- 20** No var det nokre grekarar mellom dei som var komne til Jerusalem for å tilbe under høgtida.
- 21** Dei kom til Filip, som var frå Betsaida i Galilea, og sa: «Herre, vi ville gjerne få sjå Jesus.»
- 22** Filip kom og fortalde det til Andreas, og Andreas og Filip gjekk og sa det til Jesus.
- 23** Jesus svara: «Timen er komen då Guds herlegdom skal lysa om Menneskesonen.
- 24** Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Fell ikkje kveitekornet i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn. Men døyr det, gjev det stor grøde.
- 25** Den som elsker livet sitt, mistar det. Men den som hatar livet sitt i denne verda, skal berga det og få evig liv.
- 26** Den som vil tena meg, må følgja meg, og der eg er, der skal tenaren min òg vera. Den som tener meg, skal Far min æra.
- 27** No er sjela mi fylt av angst. Men skal eg så seia: Far, frels meg frå denne timen? Nei, til denne timen skulle eg koma.
- 28** Far, lat herlegdom lysa om namnet ditt!» Då kom det ei røyst frå himmelen: «Eg har late min herlegdom lysa om det og skal la han lysa på nytt.»
- 29** Folket som stod der, høyrde det og sa at det hadde torna. Andre sa: «Det var ein engel som tala til han.»
- 30** Då sa Jesus til dei: «Det var ikkje for mi skuld denne røysta lydde, men for dykkar skuld.
- 31** No fell det dom over denne verda, no skal han som herskar i denne verda, kastast ut.
- 32** Og når eg blir lyft opp frå jorda, skal eg dra alle til meg.»
- 33** Dette sa han for å visa kva slag død han skulle lida.

**34** Då sa folket: «Vi har høyrte i lova at Messias skal leva til evig tid. Korleis kan du då seia at Menneskesonen må lyftast opp? Kven er denne Menneskesonen?»

**35** Jesus svara: «Endå ei lita stund er lyset mellom dykk. Gå så lenge de har lyset, så ikkje mørkret skal falla på dykk. Den som går i mørkret, veit ikkje kvar han kjem av.

**36** Tru på lyset så lenge de har lyset, så de kan bli born av lyset.» Då Jesus hadde sagt dette, gjekk han bort og løynde seg for dei.

### **Vantru og dom**

**37** Endå han hadde gjort så mange teikn for auga deira, trudde dei ikkje på han.

**38** For det skulle bli oppfylt, det ordet som profeten Jesaja har tala: Herre, kven trudde budskapeten vår, kven vart Herrens arm openberra for?

**39** Dei kunne ikkje tru, for ein annan stad seier Jesaja:

**40** Han har gjort auga deira blinde og hjartet deira hardt, så dei ikkje skal sjå med auga og skjønna med hjartet og venda om, så eg får lækja dei.

**41** Dette sa Jesaja fordi han såg Jesu herlegdom og tala om Jesus.

**42** Likevel var det mange som tok til å tru på han, til og med av rådsherrane. Men på grunn av farisearane ville dei ikkje vedkjenna seg dette, så dei ikkje skulle bli utstøytte av synagogen.

**43** For dei elska æra frå menneska høgare enn æra frå Gud.

**44** Men Jesus ropa ut: «Den som trur på meg, trur ikkje på meg, men på han som har sendt meg.

**45** Og den som ser meg, ser han som har sendt meg.

**46** Som lys er eg komen til verda, så ingen som trur på meg, skal bli verande i mørkret.

**47** Den som høyrer orda mine og ikkje tek vare på dei, dømmar ikkje eg. For eg er ikkje komen for å dømma verda, men for å frelsa verda.

<sup>48</sup>Den som seier nei til meg og ikkje tek imot orda mine, har ein dommar over seg: Det ordet eg har tala, skal dømme han på den siste dagen.

<sup>49</sup>For eg har ikkje tala ut frå meg sjølv; men Far som har sendt meg, har gjeve meg påbod om kva eg skal seia, og kva eg skal tala.

<sup>50</sup>Og eg veit at hans påbod er evig liv. Det eg seier, det seier eg slik Far har sagt meg det.»

## Johannes 13

### Jesus vaskar føtene til læresveinane

<sup>1</sup>Det var like før påskehøgtida, og Jesus visste at timen hans var komen då han skulle fara bort frå denne verda og til Far sin. Han hadde elska sine eigne som var i verda, og han elska dei heilt til det siste.

<sup>2</sup>Då dei heldt måltid, hadde djevelen alt gjeve Judas, son til Simon Iskariot, den tanken i hjartet at han skulle svika han.

<sup>3</sup>Jesus visste at Far hadde gjeve alt i hans hender, og at han hadde gått ut frå Gud og gjekk til Gud.

<sup>4</sup>Då reiser han seg frå måltidet, legg av seg kapp og tek eit linklede og bind om seg.

<sup>5</sup>Så slår han vatn i eit fat og tek til å vaska føtene til læresveinane og tørka dei med handkledet som han har om livet.

<sup>6</sup>Han kjem til Simon Peter, og Peter seier til han: «Herre, vaskar du mine føter?»

<sup>7</sup>Jesus svara: «Det eg gjer, forstår du ikkje no, men du skal skjønna det sidan.»

<sup>8</sup>«Aldri i æva om du skal vaska føtene mine», seier Peter. «Dersom eg ikkje vaskar deg, har du ingen del i meg», svara Jesus.

<sup>9</sup>Simon Peter seier til han: «Herre, ikkje berre føtene, men hendene og hovudet òg!»



**10** Men Jesus seier til han: «Den som er bada, er heilt rein og treng ikkje vaska anna enn føtene. Og de er reine – men ikkje alle.»

**11** For han visste kven som skulle svika han. Difor sa han: «De er ikkje alle reine.»

**12** Då han hadde vaska føtene deira og teke på seg kapp, tok han plass ved bordet att. Så sa han til dei: «Skjønar de kva det er eg har gjort for dykk?

**13** De kallar meg meister og herre, og det med rette, for det er eg.

**14** Når no eg, herren og meisteren, har vaska føtene dykkar, då skyldar de òg å vaska føtene til kvarandre.

**15** Det er eit føredøme eg har gjeve dykk: Som eg har gjort mot dykk, skal de òg gjera.

**16** Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Ein tenar er ikkje større enn herren sin, og ein utsending er ikkje større enn den som har sendt han.

**17** No veit de dette. Og sæle er de så sant de gjer etter det.

### **Svikaren**

(Matt 26,20–25; Mark 14,17–21; Luk 22,21–23)

**18** Eg talar ikkje om dykk alle, for eg veit kven eg har valt ut. Men dette ordet i Skrifta må oppfyllast: Den som et mitt brød, lyfte hælen mot meg.

**19** Eg seier det til dykk no, før det hender, slik at de, når det hender, skal tru at Eg er.

**20** Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Den som tek imot ein eg sender, tek imot meg. Og den som tek imot meg, tek imot han som har sendt meg.»

**21** Då Jesus hadde sagt dette, vart han opprørt i sitt indre og sa rett ut: «Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Ein av dykk kjem til å svika meg.»

**22** Læresveinane såg på kvarandre; dei skjønna ikkje kven han meinte.

**23** Ein av dei, den læresveinen som Jesus hadde kjær, låg ved sida av Jesus ved bordet.

**24** Simon Peter nikka til han for at han skulle spørja kven han meinte.

- <sup>25</sup>Han bøygde seg då nærare inntil Jesus og sa: «Herre, kven er det?»
- <sup>26</sup>Jesus svara: «Det er han som eg gjev den biten eg no dyppar.» Så dyppa han ein bit i fatet og gav han til Judas, son til Simon Iskariot.
- <sup>27</sup> Då Judas hadde fått biten, fór Satan i han. Jesus seier til han: «Gjer det snart, det du vil gjera.»
- <sup>28</sup>Men ingen av dei andre ved bordet skjøna kva han meinte med dette.
- <sup>29</sup> Sidan Judas hadde ansvar for pengekassa, tenkte somme at Jesus ville han skulle gå og kjøpa det dei trong til høgtida, eller at han skulle gje noko til dei fattige.
- <sup>30</sup> Med det same Judas hadde fått biten, gjekk han ut. Det var natt.

### Eit nytt bod

- <sup>31</sup>Då han hadde gått, sa Jesus: «No lyste Guds herlegdom om Menneskesonen, og herlegdom lyste om Gud gjennom han.
- <sup>32</sup> Og har Gud vorte herleggjord gjennom han, så skal Gud sjølv herleggjera han. Ja, snart skal Guds herlegdom lysa om han!
- <sup>33</sup> Endå ei lita stund er eg hos dykk, borna mine. De kjem til å leita etter meg, men det eg sa til jødane, seier eg no til dykk òg: Dit eg går, kan ikkje de koma.
- <sup>34</sup> Eit nytt bod gjev eg dykk: De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre.
- <sup>35</sup> På det skal alle skjøna at de er mine læresveinar: at de har kjærleik til kvarandre.»

### Jesus talar om Peters fornektning

(Matt 26,33–35; Mark 14,27–31; Luk 22,31–34)

- <sup>36</sup> Simon Peter seier til han: «Herre, kvar går du?» Jesus svara: «Dit eg går, kan du ikkje følgja meg no, men du skal følgja meg seinare.»
- <sup>37</sup>«Kvifor kan eg ikkje følgja deg no, Herre?» seier Peter, «eg vil gje livet mitt for deg.»

<sup>38</sup>Jesus svara: «Du vil gje livet for meg? Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Hanen kjem ikkje til å gala før du har fornekta meg tre gonger.

## Johannes 14

### Vegen, sanninga og livet

<sup>1</sup>Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg!

<sup>2</sup>I huset til Far min er det mange rom. Var det ikkje slik, hadde eg då sagt dykk at eg går og vil gjera klar ein stad til dykk?

<sup>3</sup>Og når eg har gått og gjort klar ein stad til dykk, kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er.

<sup>4</sup>Og dit eg går, veit de vegen.»

<sup>5</sup>Tomas seier til han: «Herre, vi veit ikkje kvar du går; korleis kan vi då vita vegen?»

<sup>6</sup>Jesus seier: «Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.

<sup>7</sup>Har de kjent meg, skal de òg kjenna Far min. Frå no av kjenner de han og har sett han.»

<sup>8</sup>Filip seier til han: «Herre, syn oss Far, det er nok for oss.»

<sup>9</sup>Jesus svarar: «No har eg vore så lang ei tid saman med dykk, og du kjenner meg ikkje, Filip? Den som har sett meg, har sett Far. Korleis kan du då seia: ‘Syn oss Far’?

<sup>10</sup>Trur du ikkje at eg er i Far og Far i meg? Dei ord eg talar til dykk, har eg ikkje frå meg sjølv; det er Far som er i meg og gjer sine gjerningar.

<sup>11</sup>Tru meg: Eg er i Far og Far i meg. Om ikkje for anna, så tru det for gjerningane skuld.

<sup>12</sup>Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Den som trur på meg, skal gjera dei gjerningane som eg gjer, ja, større gjerningar enn dei, for eg går til Far.

<sup>13</sup> Og det de bed om i mitt namn, vil eg gjera, så Faderen skal bli herleggjord gjennom Sonen.

<sup>14</sup> Bed de meg om noko i mitt namn, så skal eg gjera det.

#### **Lovnad om Den heilage ande**

<sup>15</sup> Elskar de meg, så held de boda mine.

<sup>16</sup> Då vil eg be Far min, og han skal gje dykk ein annan talsmann, og han skal vera hos dykk alltid:

<sup>17</sup> Sanningsanden, som verda ikkje kan ta imot. For verda ser han ikkje og kjenner han ikkje. Men de kjenner han, for han bur hos dykk og skal vera i dykk.

<sup>18</sup> Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldreause born. Eg kjem til dykk.

<sup>19</sup> Om ei lita stund ser ikkje verda meg lenger. Men de ser meg, for eg lever, og de skal leva.

<sup>20</sup> Den dagen skal de skjøna at eg er i Far min, og at de er i meg og eg i dykk.

<sup>21</sup> Den som har boda mine, og som held dei, den er det som elskar meg. Og den som elskar meg, skal Far min elska. Ja, den som elskar meg, skal eg òg elska og openberra meg for.»

<sup>22</sup> Judas – ikkje Judas Iskariot – seier til han: «Herre, korleis har det seg at du vil openberra deg for oss og ikkje for verda?»

<sup>23</sup> Jesus svara: «Den som elskar meg, held fast på ordet mitt. Og den som elskar meg, skal Far min elska, og vi skal koma og ta bustad hos han.

<sup>24</sup> Den som ikkje elskar meg, held ikkje fast på orda mine. Og ordet de høyrer, er ikkje frå meg, men frå Far, han som har sendt meg.

<sup>25</sup> Dette har eg sagt dykk medan eg enno er hos dykk.

<sup>26</sup> Men Talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk.

#### **Kristi fred**

<sup>27</sup> Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjartet dykkar uroast, og ver ikkje motlause!

<sup>28</sup> De høyrde at eg sa: Eg går bort, og eg kjem til dykk att. Elska de meg, så gledde de dykk over at eg går til Far, for Far er større enn eg.

<sup>29</sup> No har eg sagt dykk dette før det hender, så de skal tru når det hender.

<sup>30</sup> Heretter kjem eg ikkje til å tala mykje med dykk, for han som herskar over denne verda, kjem. Han har inga makt over meg.

<sup>31</sup> Men for at verda skal skjønna at eg elsker Far, og fordi Far har bode meg det, gjer eg som Far seier. Reis dykk, lat oss gå herifrå!

## Johannes 15

### Det sanne vintreet

<sup>1</sup>Eg er det sanne vintreet, og Far min er vinbonden.

<sup>2</sup>Kvar grein på meg som ikkje ber frukt, tek han bort, og kvar grein som ber frukt, reinsar han så ho skal bera meir frukt.

<sup>3</sup>De er alt reine på grunn av det ordet eg har tala til dykk.

<sup>4</sup>Ver i meg, så er eg i dykk. Som greina ikkje kan bera frukt av seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, slik kan heller ikkje de bera frukt viss de ikkje er i meg.

<sup>5</sup>Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera.

<sup>6</sup>Den som ikkje blir verande i meg, blir kasta ut som ei grein og visnar. Greinene blir samla saman og kasta på elden, og dei brenn.

<sup>7</sup>Blir de verande i meg, og blir orda mine verande i dykk, så be om kva de vil, og de skal få det.

<sup>8</sup>For ved dette lyser herlegdomsglans om Far min, at de ber mykje frukt og blir mine læresveinar.

- <sup>9</sup> Som Far har elska meg, har eg elska dykk. Ver i min kjærleik!
- <sup>10</sup> Held de boda mine, er de i min kjærleik, slik eg har halde boda til Far min og er i hans kjærleik.
- <sup>11</sup> Dette har eg tala til dykk så mi glede kan vera i dykk og gleda dykkar kan bli fullkomen.
- <sup>12</sup> Og dette er bodet mitt: De skal elska kvarandre som eg har elska dykk.
- <sup>13</sup> Ingen har større kjærleik enn den som gjev livet sitt for venene sine.
- <sup>14</sup> De er venene mine så sant de gjer det eg byd dykk.
- <sup>15</sup> Eg kallar dykk ikkje tenarar lenger, for tenaren veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min.
- <sup>16</sup> De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer. Då skal Far gje dykk alt de bed om i mitt namn.
- <sup>17</sup> Dette er det eg byd dykk: De skal elska kvarandre!

#### **Når verda hatar dykk**

- <sup>18</sup> Når verda hatar dykk, skal de vita at ho har hata meg først.
- <sup>19</sup> Hadde de vore av verda, då hadde verda elska sitt eige. Men de er ikkje av verda; eg har valt dykk ut av verda. Difor hatar verda dykk.
- <sup>20</sup> Kom i hug det ordet eg sa dykk: Ein tenar er ikkje større enn herren sin. Har dei forfølgd meg, vil dei forfølgja dykk òg. Har dei halde fast på mitt ord, vil dei òg halda fast på dykkar ord.
- <sup>21</sup> Men alt dette kjem dei til å gjera mot dykk for mitt namn skuld, fordi dei ikkje kjenner han som har sendt meg.
- <sup>22</sup> Var eg ikkje komen, og hadde eg ikkje tala til dei, då hadde dei vore utan synd. Men no har dei ingen ting å orsaka synda si med.
- <sup>23</sup> Den som hatar meg, hatar òg Far min.

<sup>24</sup>Hadde eg ikkje gjort slike gjerningar mellom dei som ingen annan har gjort, hadde dei vore utan skuld. Men no har dei sett gjerningane og hatar både meg og Far min.

<sup>25</sup> Men det ordet som står i lova deira, skulle oppfyllest: Dei hata meg utan grunn.

<sup>26</sup> Når Talsmannen kjem, han som eg skal senda dykk frå Far, Sanningsanden som går ut frå Far, då skal han vitna om meg.

<sup>27</sup> Men de skal òg vitna, for de har vore med meg frå første stund.

## Johannes 16

<sup>1</sup> Dette har eg sagt dykk så de ikkje skal førast til fall.

<sup>2</sup> Dei skal støyta dykk ut av synagogen. Ja, det kjem ei tid då kvar den som slår dykk i hel, trur han gjer Gud ei teneste.

<sup>3</sup> Og alt det gjer dei fordi dei korkje kjenner Far min eller meg.

<sup>4</sup> Dette har eg sagt dykk slik at de, når deira tid kjem, skal hugsa at eg sa det til dykk.

### Talsmannen

Eg sa ikkje dette til dykk frå først av, for då var eg hos dykk.

<sup>5</sup> No går eg til han som har sendt meg, men ingen av dykk spør: 'Kvar går du?' <sup>6</sup> For hjartet dykkar er fullt av sorg fordi eg har sagt dette.

<sup>7</sup> Men eg seier dykk som sant er: Det er det beste for dykk at eg går bort. For går ikkje eg bort, kjem ikkje Talsmannen til dykk. Men går eg bort, skal eg senda han til dykk.

<sup>8</sup> Og når han kjem, skal han gå i rette med verda og visa henne kva synd er, kva rettferd er, og kva dom er:

<sup>9</sup> Synda er at dei ikkje trur på meg.

<sup>10</sup> Rettferda er at eg går til Far, og de ser meg ikkje lenger.

<sup>11</sup> Dommen er at han som herskar over denne verda, er dømd.

<sup>12</sup>Enno har eg mykje å seia dykk, men de kan ikkje bera det no.

<sup>13</sup> Men når han kjem, Sanningsanden, skal han leia dykk fram til heile sanninga. For han skal ikkje tala av sitt eige, men tala det han høyrer, og fortelja dykk det som skal koma.

<sup>14</sup>Han skal herleggjera meg, for han skal ta av det som er mitt, og forkynna det for dykk.

<sup>15</sup> Alt det som Far min har, er mitt. Difor sa eg at han skal ta av det som er mitt, og forkynna det for dykk.

### **Sorga skal vendast til glede**

<sup>16</sup> Om ei lita stund ser de meg ikkje lenger, og om endå ei lita stund skal de få sjå meg.»

<sup>17</sup>Då sa nokre av læresveinane hans seg imellom: «Kva meiner han med det han seier til oss: ‘Om ei lita stund ser de meg ikkje, og om endå ei lita stund skal de få sjå meg’ og: ‘Eg går til Far’?»

<sup>18</sup>Kva tyder dette: ‘om ei lita stund’? Vi skjønar ikkje kva han snakkar om.»

<sup>19</sup>Jesus visste at dei ville spørja han, og han sa: «Snakkar de om det eg sa: ‘Om ei lita stund ser de meg ikkje, og om endå ei lita stund skal de få sjå meg’?»

<sup>20</sup>Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: De skal gråta og klaga, men verda skal gleda seg. De skal sørgja, men sorga skal vendast til glede.

<sup>21</sup> Når ei kvinne skal føda, er ho uroleg, for tida hennar er komen. Men når ho har fått barnet, hugsar ho ikkje lenger kor vondt ho hadde, så glad er ho fordi eit menneske er fødd til verda.

<sup>22</sup> På same måten er det med dykk. No er de fylte av sorg, men eg skal sjå dykk att, og hjartet dykkar skal gleda seg, og den gleda skal ingen ta ifrå dykk.

<sup>23</sup> Den dagen skal de ikkje spørja meg om noko. Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Bed de Far om noko, skal han gje dykk det i mitt namn.



<sup>24</sup> Til no har de ikkje bede om noko i mitt namn. Be, så skal de få, slik at gleda dykkar kan vera fullkomen.

### Siger over verda

<sup>25</sup> Dette har eg sagt dykk i likningar. Det kjem ei tid då eg ikkje lenger skal tala til dykk i likningar, men ope og rett fram fortelja dykk om Far.

<sup>26</sup> Den dagen skal de be i mitt namn; eg seier ikkje at eg skal spørja Far for dykk då.

<sup>27</sup> For Far sjølv elsker dykk fordi de har elska meg og trudd at eg har gått ut frå Gud.

<sup>28</sup> Eg har gått ut frå Far og er komen til verda. No dreg eg bort frå verda att og går til Far.»

<sup>29</sup> Då sa læresveinane: «No talar du rett fram og ikkje i likningar.

<sup>30</sup> No skjønar vi at du veit alt og ikkje treng at nokon spør deg. Difor trur vi at du har gått ut frå Gud.»

<sup>31</sup> Jesus svara: «Trur de no?

<sup>32</sup> Det kjem ei tid, ja, ho er alt komen, då de skal spreiaast og gå kvar til sitt og la meg vera att åleine. Men eg er ikkje åleine; Far er med meg.

<sup>33</sup> Dette har eg sagt dykk så de skal ha fred i meg. I verda har de trengsler, men ver frimodige: Eg har sagra over verda!»

## Johannes 17

### Jesus bed for alle sine

<sup>1</sup> Då Jesus hadde sagt dette, lyfte han auga mot himmelen og sa: «Far, timen er komen. Lat herlegdom lysa om Son din, så Sonen kan la herlegdom lysa om deg.

<sup>2</sup> For du har gjeve han makt over alt som menneske heiter, så han skal la alle dei som du har gjeve han, få evig liv.

<sup>3</sup> Og dette er det evige livet, at dei kjenner deg, den einaste sanne Gud, og han du sende, Jesus Kristus.

- <sup>4</sup> Eg lét herlegdom lysa om deg på jorda då eg fullførte det verket du gav meg å gjera.
- <sup>5</sup> Så lat no herlegdom lysa om meg, Far, den herlegdom eg hadde hos deg før verda vart til.
- <sup>6</sup> Eg har openberra ditt namn for dei menneske du gav meg frå verda. Dei var dine, og du gav dei til meg, og dei har halde fast på ordet ditt.
- <sup>7</sup> No veit dei at alt det du har gjeve meg, er frå deg.
- <sup>8</sup> For dei orda du gav meg, har eg gjeve dei. Og dei har teke imot og verkeleg forstått at eg har gått ut frå deg, og dei har kome til tru på at du har sendt meg.
- <sup>9</sup> Eg bed for dei. Eg bed ikkje for verda, men for dei som du har gjeve meg, for dei er dine.
- <sup>10</sup> Alt mitt er ditt, og det som er ditt, er mitt, og eg har vorte herleggjord gjennom dei.
- <sup>11</sup> Eg er ikkje lenger i verda, men dei er i verda, og eg går til deg. Heilage Far, hald dei fast i ditt namn, det namnet du har gjeve meg, så dei kan vera eitt slik som vi er eitt.
- <sup>12</sup> Då eg var hos dei, heldt eg dei fast i ditt namn, det namnet som du har gjeve meg. Eg vakta dei, og ingen av dei gjekk fortapt utan fortapingssonen, så Skrifta skulle oppfyllast.
- <sup>13</sup> No kjem eg til deg. Men dette seier eg medan eg er i verda, så dei skal ha mi glede i seg i fullt mål.
- <sup>14</sup> Eg har gjeve dei ditt ord. Men verda hatar dei fordi dei ikkje er av verda, slik eg ikkje er av verda.
- <sup>15</sup> Eg bed ikkje at du skal ta dei ut av verda, men at du må vara dei frå det vonde.
- <sup>16</sup> Dei er ikkje av verda, slik eg ikkje er av verda.
- <sup>17</sup> Helga dei i sanninga, ditt ord er sanning.

- <sup>18</sup>Som du har sendt meg til verda, har eg sendt dei til verda.
- <sup>19</sup> Eg helgar meg for dei, så dei òg skal helgast i sanninga.
- <sup>20</sup>Eg bed ikkje berre for desse, men for alle dei som gjennom deira ord kjem til å tru på meg.
- <sup>21</sup> Eg bed at dei alle må vera eitt, slik du, Far, er i meg og eg i deg. Slik skal dei òg vera i oss, så verda skal tru at du har sendt meg.
- <sup>22</sup>Den herlegdomen som du har gjeve meg, har eg gjeve dei, så dei skal vera eitt slik som vi er eitt:
- <sup>23</sup> eg i dei og du i meg, så dei heilt og fullt kan vera eitt. Då skal verda skjønna at du har sendt meg, og at du har elska dei slik du har elska meg.
- <sup>24</sup> Far, eg vil at dei du har gjeve meg, skal vera hos meg der eg er, så dei får sjå min herlegdom, den du har gjeve meg fordi du elska meg før verda vart grunnlagd.
- <sup>25</sup> Rettferdige Far, verda kjenner deg ikkje, men eg kjenner deg, og desse veit at det er du som har sendt meg.
- <sup>26</sup>Eg har kunngjort namnet ditt for dei og skal kunngjera det, så den kjærleiken du har hatt til meg, kan vera i dei og eg sjølv kan vera i dei.»

## Johannes 18

### Jesus lid og døyr

(Kap. 18–19)

#### Jesus blir teken til fange

(Matt 26,47–56; Mark 14,43–50; Luk 22,47–53)

- <sup>1</sup>Då Jesus hadde sagt dette, gjekk han ut saman med læresveinane sine og over til andre sida av Kedron-bekken. Der var det ein hage, og den gjekk dei inn i.
- <sup>2</sup>Men Judas, svikaren, kjende òg den staden, for Jesus og læresveinane hadde ofte kome saman der.
- <sup>3</sup>Judas hadde fått med seg vaktstyrken og nokre menn frå overprestane og farisearane, og no kom dei dit med faklar og lamper og våpen.

<sup>4</sup>Jesus visste om alt det som venta han, og gjekk fram og spurde dei: «Kven leitar de etter?»

<sup>5</sup>«Jesus frå Nasaret», svara dei. «Det er eg», seier Jesus. Judas, svikaren, var saman med dei, han òg.

<sup>6</sup>Då Jesus sa: «Det er eg», tumla dei bakover og fall til jorda.

<sup>7</sup>På nytt spurde han: «Kven leitar de etter?» «Jesus frå Nasaret», svara dei.

<sup>8</sup>«Eg har sagt dykk at det er eg», sa Jesus. «Er det meg de leitar etter, så lat desse andre gå!»

<sup>9</sup>Slik skulle det oppfyllest, det ordet han hadde sagt: «Av dei du gav meg, har eg ikkje mista ein einaste.»

<sup>10</sup>Simon Peter hadde eit sverd, og det drog han og hogg etter tenaren til øvstepresten og sneidde av han høgre øyret. Tenaren heitte Malkos.

<sup>11</sup>Men Jesus sa til Peter: «Stikk sverdet i slira! Lyt eg ikkje drikk det begeret som Far har gjeve meg?»

#### **Jesus for øvstepresten. Peter fornektar**

(Matt 26,57–75; Mark 14,53–72; Luk 22,54–71)

<sup>12</sup>Vaktstyrken, kommandanten og vaktmennene til jødane greip no Jesus og batt han.

<sup>13</sup>Først førte dei han til Annas, for han var svigerfar til Kaifas, som var øvsteprest det året.

<sup>14</sup>Det var Kaifas som hadde gjeve jødane det rådet at det var best om eitt menneske døydde for folket.

<sup>15</sup>Simon Peter og ein annan læresvein følgde etter Jesus. Denne læresveinen var kjend med øvstepresten, og han kom inn på gardsplassen til øvstepresten saman med Jesus.

<sup>16</sup>Men Peter vart ståande utanfor ved porten. Den læresveinen som var kjend med øvstepresten, gjekk då ut og tala med tenestejenta som vakta porten, og fekk Peter med seg inn.

<sup>17</sup>I det same seier ho til Peter: «Er ikkje du òg ein av læresveinane til denne mannen?» «Nei», svara han, «det er eg ikkje.»

<sup>18</sup>Det var kaldt, så tenarane og vaktmennene hadde tent eit bål og stod og varmde seg ved glørne. Peter vart òg ståande der saman med dei og varmde seg.

<sup>19</sup>Øvstepresten spurde no Jesus ut om læresveinane hans og om læra hans.

<sup>20</sup> «Eg har tala ope for heile verda», svara Jesus. «Eg har alltid undervist i synagogar og i tempelet, der alle jødar kjem saman; eg har aldri tala i løynd.

<sup>21</sup>Men kvifor spør du meg? Spør heller dei som har høyrte meg, kva eg har tala til dei om. Dei veit kva eg har sagt.»

<sup>22</sup>Ein av vaktmennene som stod der, slo då Jesus i andletet og sa: «Er det slik du svarar øvstepresten?»

<sup>23</sup>Jesus sa til han: «Sa eg noko urett, så vis at det var urett! Men var det rett, kvifor slår du meg då?»

<sup>24</sup> Så sende Annas han bunden til øvstepresten Kaifas.

<sup>25</sup>Imedan stod Simon Peter og varmde seg. Då sa dei til han: «Er ikkje du òg ein av læresveinane hans?» Men han nekta og sa: «Nei, det er eg ikkje.»

<sup>26</sup> Ein av tenarane til øvstepresten, ein slektning av han som Peter hadde hogge øyret av, seier: «Såg eg deg ikkje i hagen saman med han?»

<sup>27</sup> Men Peter nekta på nytt. Og med det same gol hanen.

### **Jesus for Pilatus**

(Matt 27,1–2.11–21; Mark 15,1–11; Luk 23,1–5.13–20)

<sup>28</sup> Frå Kaifas førte dei Jesus til borga der landshovdingen heldt til. Det var tidleg om morgonen. Sjølve gjekk dei ikkje inn i borga; dei ville ikkje gjera seg ureine, for då kunne dei ikkje eta påskemåltidet.

<sup>29</sup>Pilatus gjekk då ut til dei og sa: «Kva skuldingar har de mot dette mennesket?»

<sup>30</sup>Dei svara: «Var han ikkje ein forbrytar, hadde vi ikkje gjeve han over til deg.»

<sup>31</sup> «Ta han de», sa Pilatus, «og døm han etter dykkar eiga lov!» Men jødane svara: «Vi har ikkje rett til å ta livet av nokon.»

<sup>32</sup>Slik skulle det oppfyllast, det ordet Jesus hadde sagt då han lét dei få vita kva slag død han skulle lida.

<sup>33</sup> Pilatus gjekk då på nytt inn i borga. Han kalla Jesus til seg og sa: «Er du kongen over jødane?»

<sup>34</sup>Jesus svara: «Seier du dette av deg sjølv, eller har andre sagt dette om meg?»

<sup>35</sup>«Er vel eg jøde?» sa Pilatus. «Ditt eige folk og overprestane har gjeve deg over til meg. Kva har du gjort?»

<sup>36</sup> Då sa Jesus: «Mi kongsmakt er ikkje av denne verda. Var mi kongsmakt av denne verda, hadde mennene mine stridd for meg, så eg ikkje skulle bli overgjeven i hendene på jødane. Men mi kongsmakt er ikkje av denne verda.»

<sup>37</sup> «Du er altså konge?» sa Pilatus. «Du seier at eg er konge», svara Jesus. «Til dette er eg fødd, og til dette er eg komen til verda, at eg skal vitna om sanninga. Kvar den som er av sanninga, høyrer mi røyst.»

<sup>38</sup>«Kva er sanning?» sa Pilatus. Dermed gjekk han ut til jødane att og sa til dei: «Eg finn inga skuld hos denne mannen.

<sup>39</sup>Men de er vane med at eg gjev dykk ein mann fri til påske. Vil de at eg skal gje dykk kongen over jødane fri?»

<sup>40</sup>Då ropa dei endå ein gong: «Ikkje han, men Barabbas!» Men Barabbas var ein røvar.

## Johannes 19

<sup>1</sup>Pilatus tok no Jesus og lét dei piska han.

<sup>2</sup>Soldatane fletta ei klungerkrone og sette på hovudet hans og hadde på han ei purpurkåpe.

<sup>3</sup>Så steig dei fram for han og sa: «Ver helsa, jødekonngel!» Og dei slo han i andletet.

<sup>4</sup>På nytt gjekk Pilatus ut av borga og sa til folket: «No fører eg han ut til dykk, så de skal skjønna at eg ikkje finn skuld hos han.»

<sup>5</sup>Så kom Jesus ut, med klungerkrona og purpurkåpa på. Og Pilatus seier til dei: «Sjå det mennesket!»

<sup>6</sup>Men då overprestane og vaktmennene fekk sjå han, ropa dei: «Krossfest! Krossfest!» Pilatus seier til dei: «Ta de og krossfest han! Eg finn inga skuld hos han.»

<sup>7</sup>Jødane svara: «Vi har ei lov, og etter lova er han skuldig til å døy fordi han har gjort seg sjølv til Guds Son.»

<sup>8</sup>Då Pilatus hørde det, vart han endå reddare.

<sup>9</sup>Han gjekk inn att i borga og sa til Jesus: «Kvar er du ifrå?» Men Jesus gav han ikkje noko svar.

<sup>10</sup>«Svarar du meg ikkje?» sa Pilatus. «Veit du ikkje at eg har makt til å gje deg fri og makt til å krossfesta deg?»

<sup>11</sup>Jesus svara: «Du hadde inga makt over meg om du ikkje hadde fått henne ovanfrå. Difor har han større skuld, han som gav meg over til deg.»

<sup>12</sup>Etter dette ville Pilatus gje han fri. Men jødane ropa: «Gjev du denne mannen fri, er du ikkje ven med keisaren. Den som gjer seg sjølv til konge, set seg opp mot keisaren.»

### **Jesus blir dømd**

(Matt 27,22–26; Mark 15,12–15; Luk 23,21–25)

<sup>13</sup>Då Pilatus hørde det, førte han Jesus ut av borga og sette seg i dommarsetet på ein stad dei kallar Helleplassen, på hebraisk Gabbata.

<sup>14</sup>Det var helgaftan før påske, omkring den sjetten timen. Så seier Pilatus til jødane: «Sjå kongen dykkar!»

<sup>15</sup> Men dei ropa: «Bort med han, bort med han! Krossfest han!» «Skal eg krossfesta kongen dykkar?» spurde Pilatus. «Vi har ingen annan konge enn keisaren», svara overprestane.

<sup>16</sup>Då gav han Jesus over til dei så han skulle krossfestast.

**Jesus blir krossfest og døyr**  
(Matt 27,31–56; Mark 15,21–41; Luk 23,26–49)

Så tok dei Jesus med seg.

<sup>17</sup>Han bar sjølv krossen sin og gjekk ut til den staden dei kallar Hovudskallen, på hebraisk Golgata.

<sup>18</sup>Der krossfeste dei han, og saman med han to andre, ein på kvar side, og Jesus midt mellom dei.

<sup>19</sup>Pilatus hadde laga ei innskrift og sett på krossen. Der stod det skrive: «Jesus frå Nasaret, kongen over jødane.»

<sup>20</sup>Mange av jødane las denne innskrifta, for staden der Jesus vart krossfest, låg nær byen, og innskrifta var på hebraisk, latin og gresk.

<sup>21</sup>Overprestane til jødane sa då til Pilatus: «Skriv ikkje: ‘Kongen over jødane’, men skriv: ‘Han sa: Eg er kongen over jødane’.»

<sup>22</sup>Pilatus svara: «Det eg skreiv, det skreiv eg.»

<sup>23</sup>Då soldatane hadde krossfest Jesus, tok dei kleda hans og delte dei på fire, ein del til kvar soldat. Dei tok òg kjortelen, som var utan saumar, voven i eitt stykke ovanfrå og ned.

<sup>24</sup> Då sa dei til kvarandre: «Lat oss ikkje riva han sund, men kasta lodd om kven som skal ha han.» Slik skulle {{dette ordet i}} Skrifta oppfyllast: Dei delte kleda mine mellom seg og kasta lodd om kappa. Dette gjorde soldatane.

<sup>25</sup> Innmed Jesu kross stod mor hans og syster til mor hans, Maria, som var gift med Klopas, og Maria Magdalena.

<sup>26</sup> Då Jesus fekk auge på mor si og såg at den læresveinen han hadde kjær, stod attmed henne, sa han til mor si: «Kvinne, sjå, der er son din.»



<sup>27</sup>Så sa han til læresveinen: «Det er mor di.» Frå den stunda tok læresveinen henne heim til seg.

<sup>28</sup> Jesus visste no at alt var fullført. Og for at Skrifta skulle oppfyllast, sa han: «Eg er tørst.»

<sup>29</sup> Det stod eit kar med vineddik der. Av den vinen fylte dei ein svamp som dei sette på ein isopstilk og heldt opp til munnen hans.

<sup>30</sup> Då Jesus hadde fått vineddiken, sa han: «Det er fullført!» Så bøygde han hovudet og anda ut.

<sup>31</sup> Det var helgaftan, og kroppane måtte ikkje bli hangande på krossen over sabbaten, for denne sabbaten var ein stor høgtidsdag. Difor bad jødane Pilatus at beina deira måtte knusast og kroppane takast ned.

<sup>32</sup> Soldatane kom då og knuste beina, først på den eine og så på den andre som hadde vorte krossfeste saman med Jesus.

<sup>33</sup> Då dei kom til Jesus, såg dei at han alt var død, og dei knuste ikkje hans bein.

<sup>34</sup> Men ein av soldatane stakk han i sida med eit spyd, og straks rann det ut blod og vatn.

<sup>35</sup> Og han som såg det, har vitna om dette, og vitneutsegna hans er sann. Han veit at det han seier, er sant, så de òg skal tru.

<sup>36</sup> Dette hende for at dette ordet i Skrifta skulle oppfyllast: Ikkje eit bein skal brytast på han.

<sup>37</sup> Og eit anna skriftord seier: Dei skal sjå på han som dei har gjennomstunge.

### **Jesus blir gravlagd**

(Matt 27,57–61; Mark 15,42–47; Luk 23,50–56)

<sup>38</sup> Josef frå Arimatea bad no Pilatus om lov til å ta ned Jesu kropp. Josef var ein av læresveinane til Jesus, men i løynd, for han var redd jødane. Pilatus gav han lov til det, og han kom og tok ned kroppen.

<sup>39</sup> Også Nikodemus var der, han som kom til Jesus første gongen om natta. Han hadde med seg ei blanding av myrra og aloe, omkring hundre pund.

<sup>40</sup>Då tok dei Jesu kropp og sveipte han i linklede med den angande salven, som skikken er ved gravferdene til jødane.

<sup>41</sup>På den staden der Jesus vart krossfest, var det ein hage, og i hagen ei ny grav som ingen endå var lagd i.

<sup>42</sup>Der la dei Jesus, fordi det var helgafan hos jødane og grava låg så nær.

## Johannes 20

### Den oppstadne

(Kap. 20–21)

#### Den tomme grava

(Matt 28,1–10; Mark 16,1–8; Luk 24,1–12)

<sup>1</sup>Tidleg om morgonen første dagen i veka, medan det endå er mørkt, kjem Maria Magdalena til grava. Då får ho sjå at steinen er teken bort frå grava.

<sup>2</sup>Ho spring av stad og kjem til Simon Peter og den andre læresveinen, han som Jesus hadde kjær, og seier til dei: «Dei har teke Herren ut av grava, og vi veit ikkje kvar dei har lagt han.»

<sup>3</sup>Då tok Peter og den andre læresveinen ut og kom til grava.

<sup>4</sup>Dei sprang saman, men den andre læresveinen sprang fortare enn Peter og kom først til grava.

<sup>5</sup>Han bøygde seg inn og såg linkleda som låg der, men han gjekk ikkje inn i grava.

<sup>6</sup>Simon Peter følgde etter, og han gjekk inn. Han såg linkleda som låg der,

<sup>7</sup>og duken som Jesus hadde hatt over hovudet. Den låg ikkje saman med linkleda, men samanrulla på ein stad for seg.

<sup>8</sup>Då gjekk den andre læresveinen òg inn, han som var komen først fram til grava. Han såg og trudde.

<sup>9</sup>For endå hadde dei ikkje skjønna det Skrifta seier, at han måtte stå opp frå dei døde.

<sup>10</sup>Så gjekk læresveinane heim.



## Jesus syner seg for Maria Magdalena

(Mark 16,9–11)

**11** Men Maria stod utanfor ved grava og gret. Som ho gråtande bøygde seg fram og såg inn i grava,

**12** fekk ho auge på to kvitkledde englar som sat der Jesu kropp hadde lege, ein ved hovudet og ein ved føtene.

**13** «Kvifor græt du, kvinne?» spurde dei. Ho svara: «Dei har teke bort Herren min, og eg veit ikkje kvar dei har lagt han.»

**14** Då ho hadde sagt dette, snudde ho seg og såg Jesus stå der; men ho skjøna ikkje at det var han.

**15** «Kvifor græt du, kvinne?» spør Jesus. «Kven leitar du etter?» Ho tenkte det var gartnaren, og sa til han: «Herre, er det du som har teke han bort, så sei meg kvar du har lagt han, så eg kan ta han med meg.»

**16** «Maria», seier Jesus. Då snur ho seg til han og seier på hebraisk: «Rabbuni» – det tyder meister.

**17** Jesus seier til henne: «Rør meg ikkje, for enno har eg ikkje stige opp til Far. Men gå til brørne mine og sei til dei at eg fer opp til min Far og dykkar Far, til min Gud og dykkar Gud.»

**18** Då gjekk Maria Magdalena til læresveinane og sa til dei: «Eg har sett Herren!» Og ho fortalde dei kva han hadde sagt til henne.

## Jesus syner seg for læresveinane

(Matt 28,16–20; Mark 16,15–16; Luk 24,36–49)

**19** Det var om kvelden same dagen, den første dagen i veka. Læresveinane var samla og hadde stengt dørene, for dei var redde jødane. Då kom Jesus; han stod midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk!»

**20** Då han hadde sagt det, viste han dei hendene sine og sida si. Læresveinane vart glade då dei såg Herren.

**21** Igjen sa han til dei: «Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk.»

<sup>22</sup> Med desse orda anda han på dei og sa: «Ta imot Den heilage ande!

<sup>23</sup> Tilgjev de nokon syndene deira, er dei tilgjevne. Held de syndene fast for nokon, er dei fasthaldne.»

### **Tomas**

<sup>24</sup> Tomas, ein av dei tolv, han som vart kalla Tvillingen, var ikkje saman med dei andre læresveinane då Jesus kom.

<sup>25</sup> «Vi har sett Herren!» sa dei til han. Men han svara: «Det trur eg ikkje før eg får sjå naglemerket i hendene hans og leggja fingeren i det og stikka handa i sida hans.»

<sup>26</sup> Åtte dagar etter var læresveinane hans igjen samla, og Tomas var med dei. Då kom Jesus, sjølv om dørene var stengde. Han stod midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk.»

<sup>27</sup> Så seier han til Tomas: «Kom med fingeren din, sjå her er hendene mine. Kom med handa di og stikk henne i sida mi. Og ver ikkje vantru, men truande!»

<sup>28</sup> «Min Herre og min Gud!» sa Tomas.

<sup>29</sup> Jesus seier til han: «Fordi du har sett meg, trur du. Sæle dei som ikkje ser, og endå trur.»

<sup>30</sup> Jesus gjorde òg mange andre teikn for auga på læresveinane, teikn som det ikkje er skrive om i denne boka.

<sup>31</sup> Men desse er nedskrivne for at de skal tru at Jesus er Messias, Guds Son, og for at de som trur, skal ha liv i hans namn.

## **Johannes 21**

### **Jesus syner seg for læresveinane ved Tiberiassjøen**

<sup>1</sup> Sidan openberra Jesus seg endå ein gong for læresveinane; det var ved Tiberiassjøen, og det gjekk slik til:

<sup>2</sup> Simon Peter, Tomas, som vart kalla Tvillingen, Natanael frå Kana i Galilea, Sebedeus-sønene og to andre av læresveinane hans var saman der.

<sup>3</sup>Simon Peter seier til dei andre: «Eg vil ut og fiska.» «Vi blir med deg, vi òg», sa dei. Så gjekk dei av stad og steig i båten, men den natta fekk dei ikkje noko.

<sup>4</sup>Då det tok til å lysna av dag, stod Jesus på stranda, men læresveinane visste ikkje at det var han.

<sup>5</sup>Jesus sa til dei: «Har de ikkje noko å eta, borna mine?» «Nei», svara dei.

<sup>6</sup>«Kast garnet på høgre sida av båten, så skal de få», sa han. Dei kasta garnet, og då greidde dei ikkje å dra det opp, så mykje fisk hadde dei fått.

<sup>7</sup>Den læresveinen som Jesus hadde kjær, sa til Peter: «Det er Herren.» Då Simon Peter høyrde at det var Herren, batt han kappa om seg – den hadde han teke av – og hoppa i sjøen.

<sup>8</sup>Dei andre læresveinane kom med båten og drog garnet med fisken etter seg. Dei var ikkje langt frå land, berre omkring to hundre alner.

<sup>9</sup>Då dei kom i land, fekk dei sjå eit bål der, og det låg fisk og brød på glørne.

<sup>10</sup>«Kom hit med noko av den fisken de fekk», sa Jesus til dei.

<sup>11</sup>Simon Peter gjekk då ut i båten og drog garnet på land. Det var fullt av store fiskar, eitt hundre og femtetre i alt. Men endå det var så mange, rivna ikkje garnet.

<sup>12</sup>Jesus sa til dei: «Kom og få mat!» Ingen av læresveinane våga å spørja han: «Kven er du?» Dei visste at det var Herren.

<sup>13</sup>Då gjekk Jesus fram, tok brødet og gav dei, og det same gjorde han med fisken.

<sup>14</sup>Dette var tredje gongen Jesus openberra seg for læresveinane etter at han hadde stått opp frå dei døde.

### Jesus og Peter

<sup>15</sup>Då dei hadde halde måltid, seier Jesus til Simon Peter: «Simon, son til Johannes, elsker du meg meir enn desse?» «Ja, Herre», svara han, «du veit at eg har deg kjær.» Jesus seier til han: «Fø lamma mine!»

<sup>16</sup> Og han seier til han andre gongen: «Simon, son til Johannes, elsker du meg?» «Ja, Herre», svara Peter, «du veit at eg har deg kjær». Jesus seier til han: «Gjet sauene mine!»

<sup>17</sup>Så seier han tredje gongen: «Simon, son til Johannes, har du meg kjær?» Peter vart sorgfull då Jesus tredje gongen spurde: «Har du meg kjær?» Og han svara: «Herre, du veit alt, du veit at eg har deg kjær.» Jesus seier til han: «Fø sauene mine!»

<sup>18</sup> Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Då du var ung, batt du sjølv beltet om deg og gjekk dit du ville. Men når du blir gammal, skal du retta ut hendene, og ein annan skal binda beltet om deg og føra deg dit du ikkje vil.»

<sup>19</sup>Det sa han for å syna kva slag død han skulle æra Gud med. Då han hadde sagt dette, sa han til Peter: «Følg meg!»

<sup>20</sup> Peter snudde seg og såg at den læresveinen som Jesus hadde kjær, følgde etter. Det var han som hadde bøygd seg nærare inntil Jesus då dei heldt måltid, og spurt: «Herre, kven er det som skal svika deg?»

<sup>21</sup>Då Peter såg han, sa han til Jesus: «Herre, korleis skal det så gå med han?»

<sup>22</sup>Jesus svara: «Om eg vil at han skal leva til eg kjem, kva har du med det? Følg du meg!»

<sup>23</sup>Så spreidde dette ordet seg mellom syskena: «Den læresveinen skal ikkje døy.» Men Jesus sa ikkje at han ikkje skulle døy; det han sa, var: «Om eg vil at han skal leva til eg kjem, kva har så du med det?»

### Sluttord

<sup>24</sup> Det er den læresveinen som vitnar om alt dette, og det er han som har skrive dette. Og vi veit at vitneutsegna hans er sann.

<sup>25</sup> Det er òg mykje anna som Jesus har gjort. Skulle det skrivast opp, kvar ting for seg, trur eg ikkje heile verda kunne romma dei bøkene som då måtte skrivast.

## Apostelgjerningane

### Apostelgjerningane 1

#### Lovnaden om Den heilage ande

<sup>1</sup> I den første boka mi, gode Teofilos, skreiv eg om alt det Jesus gjorde og lærte, frå han begynte

<sup>2</sup> og heilt til den dagen han vart teken opp til himmelen. Då hadde han ved Den heilage ande gjeve sine påbod til dei apostlane han hadde valt ut.

<sup>3</sup> Etter at han hadde lide døden, steig han levande fram for dei med mange klåre bevis på at han levde: I førti dagar synte han seg for dei og tala om det som høyrer Guds rike til.

<sup>4</sup> Ein gong han åt saman med dei, gav han dei dette påbodet: «De skal ikkje dra bort frå Jerusalem, men venta på det som Far har lova, det som de har høyrte av meg.

<sup>5</sup> For Johannes døypte med vatn, men de skal døypast med Den heilage ande om nokre få dagar.»

#### Jesus blir teken opp til himmelen

<sup>6</sup> Medan dei var samla, spurde dei han: «Herre, er tida komen då du vil reisa opp att riket for Israel?»

<sup>7</sup> Han svara: «Det er ikkje gjeve dykk å kjenna tider og stunder som Far har fastsett av si eiga makt.

<sup>8</sup> Men de skal få kraft når Den heilage ande kjem over dykk, og de skal vera mine vitne i Jerusalem og heile Judea, i Samaria og heilt til enden av jorda.»

<sup>9</sup> Då han hadde sagt dette, vart han lyft opp medan dei såg på, og ei sky tok han bort for auga deira.

<sup>10</sup> Som dei stod og stirte opp mot himmelen då han fór bort, stod det med eitt to menn i kvite klede framfor dei

**11** og sa: «Galilearar, kvifor står de og ser opp mot himmelen? Denne Jesus, som vart teken bort frå dykk opp til himmelen, han skal koma att på same måten som de såg han fara opp til himmelen.»

**12** Då vende dei tilbake til Jerusalem frå den høgda som heiter Oljeberget og ligg nær Jerusalem, berre ei sabbatsreise unna.

**13** Inne i byen gjekk dei opp på den salen der dei brukte å halda til. Det var Peter og Johannes, Jakob og Andreas, Filip og Tomas, Bartolomeus og Matteus, Jakob, son til Alfeus, Simon seloten og Judas, son til Jakob.

**14** Alle desse heldt trufast saman i bøn, i lag med nokre kvinner og Maria, mor til Jesus, og brørne hans.

### Ein ny apostel

**15** Ein gong i desse dagane steig Peter fram mellom syskena. Det var samla om lag hundre og tjue menneske.

**16** «Mine sysken», sa han, «det måtte oppfyllast, det skriftordet som Den heilage ande lét David seia om Judas, han som vart vegvisar for dei som greip Jesus.

**17** Han var rekna mellom oss og hadde del i same teneste og oppdrag.

**18** For den løna han fekk for ugjerninga si, kjøpte han ein åker. Men han fall hovudstups så buken rivna og alle innvolane valt ut.

**19** Alle som bur i Jerusalem, fekk vita dette, og på sitt eige mål kallar dei difor åkeren Hakeldama – det tyder Blodåkeren.

**20** For det står skrive i Salmane: Lat bustaden hans liggja i øyde, lat ingen bu der, og: Lat ein annan overta hans oppdrag!

**21** Nokre menn var saman med oss heile den tida Herren Jesus gjekk inn og ut blant oss,

**22** heilt frå byrjinga, då han vart døypt av Johannes, og til den dagen han vart teken frå oss opp til himmelen. No må ein av desse saman med oss vera vitne om at han er stått opp.»



<sup>23</sup>To menn vart kalla fram: Josef, som vart kalla Barsabbas med tilnamnet Justus, og Mattias.

<sup>24</sup>Og dei bad: «Herre, du som kjenner alle hjarte, vis oss kven av desse to du har valt ut

<sup>25</sup>til å ta plassen etter Judas og overta den aposteltenesta som han gjekk ifrå då han fór til sin eigen stad.»

<sup>26</sup>Dei kasta lodd, og loddet fall på Mattias. Sidan vart han rekna som apostel saman med dei elleve.

## Apostelgjerningane 2

### Anden kjem pinsedagen

<sup>1</sup>Då pinsedagen kom, var alle samla på éin stad.

<sup>2</sup>Brått lét det frå himmelen som når ein sterk vind blæs, og lyden fylte heile huset dei sat i.

<sup>3</sup>Tunger, liksom av eld, synte seg for dei, skilde seg og sette seg på kvar og ein av dei.

<sup>4</sup>Då vart dei alle fylte av Den heilage ande og tok til å tala på andre språk etter som Anden gav dei å forkynna.

<sup>5</sup>I Jerusalem budde det fromme jødar frå alle folkeslag under himmelen.

<sup>6</sup>Då dei høyrde denne lyden, samla det seg ei stor folkemengd, og det vart stor forvirring, for kvar og ein høyrde at det vart tala på hans eige morsmål.

<sup>7</sup>Reint frå seg av undring spurde dei: «Men er dei ikkje galilearar, alle desse som talar?

<sup>8</sup>Korleis går det så til at vi alle høyrer dei tala på vårt eige morsmål?

<sup>9</sup>Vi er partarar og medarar og elamittar, folk som bur i Mesopotamia, Judea og Kappadokia, i Pontos og Asia,

<sup>10</sup>Frygia og Pamfylia, i Egypt og i områda ved Kyréne i Libya, vi er innflyttarar frå Roma,

**11** jødar og proselyttar, kretarar og arabarar – og vi høyrer dei tala om Guds storverk på våre eigne tungemål!»

**12** Dei visste ikkje kva dei skulle tru, og rådville spurde dei kvarandre: «Kva kan dette vera?»

**13** Men nokre gjorde narr av dei og sa: «Dei har drukke seg fulle på søt vin.»

### **Peter talar på pinsedagen**

**14** Då steig Peter fram saman med dei elleve. Med sterk røyst tala han til dei: «Jødiske menn og alle de som bur i Jerusalem! Merk dykk kva eg seier. Ja, lyd vel til orda mine!

**15** Desse menneska er ikkje fulle, som de trur. Det er då berre tredje timen på dagen.

**16** Men dette er det som er sagt gjennom profeten Joel:

**17** I dei siste dagar skal det henda, seier Gud, at eg auser ut min Ande over alle menneske. Sønene og døtrene dykkar skal profetera, dei unge skal sjå syn, og dei gamle skal drøyma draumar.

**18** Sjølv over slavane og slavekvinnene mine vil eg ausa ut min Ande i dei dagane, og dei skal tala profetord.

**19** Eg set varsel oppe på himmelen og teikn nede på jorda, blod og eld og røykskyer.

**20** Sola skal bli omskapt til mørker og månen til blod før Herrens dag kjem, den store og strålande.

**21** Men kvar den som kallar på Herrens namn, skal bli frelst.

**22** Israelittar, høyr desse orda! Jesus frå Nasaret var ein mann som Gud peika ut for dykk med mektige gjerningar og under og teikn som Gud lét han gjera blant dykk. Dette kjenner de sjølve til.

**23** Han vart utlevert til dykk, slik Gud på førehand fastsette og kjende til, og ved hjelp av hendene til lovause nagla de han til krossen og drap han.

- 24** Men Gud reiste han opp att og løyste han frå dødsriene. Døden var ikkje sterk nok til å halda på han.
- 25** For David seier om han: Alltid har eg Herren for auga, han er ved mi høgre side, eg skal ikkje vakla.
- 26** Difor var det glede i mitt hjarte og jubel på mi tunge, ja, sjølv kroppen skal slå seg til ro med von.
- 27** Du skal ikkje la mi sjel bli verande i dødsriket. Du skal ikkje la din heilage sjå forrøtning.
- 28** Du har lært meg å kjenna livsens vegar. Du skal fylla meg med glede for ditt andlet.
- 29** Brør, lat meg tala ope og rett fram til dykk om David, stamfaren vår. Han døydde og vart gravlagd, og grava hans er hos oss den dag i dag.
- 30** Men han var ein profet og visste at Gud med eid hadde lova å setja hans livsfrukt på trona hans.
- 31** Difor såg han inn i framtida og tala om at Messias skulle stå opp. Det var han som ikkje skulle bli verande i dødsriket, og det var kroppen hans som ikkje skulle sjå forrøtning.
- 32** Denne Jesus var det Gud reiste opp, det er vi alle vitne om.
- 33** Han vart opphøgd til Guds høgre hand og fekk av Far sin Den heilage ande som var lova, og den har han no aust ut. Det er dette de ser og høyrer.
- 34** For David fór ikkje opp til himmelen, men han seier: Herren sa til min herre: Set deg ved mi høgre hand
- 35** til eg får lagt dine fiendar som skammel for dine føter.
- 36** Så skal heile Israelfolket vita for visst: Denne Jesus som de krossfeste, han har Gud gjort til både Herre og Messias.»
- 37** Då dei høyrde dette, stakk det dei i hjartet, og dei sa til Peter og dei andre apostlane: «Kva skal vi gjera, brør?»

**38** Peter svara: «Vend om og lat dykk døypa i Jesu Kristi namn, kvar og ein av dykk, så de får tilgjeving for syndene, og de skal få Den heilage andens gåve.

**39** For lovnaden gjeld dykk og borna dykkar og alle som er langt borte, så mange som Herren vår Gud kallar på.»

**40** Også med mange andre ord vitna han for dei og formana dei: «Lat dykk frelsa frå denne rangsnudde slekta.»

**41** Dei som tok imot bodskapen hans, vart døypte, og den dagen vart det lagt til om lag tre tusen menneske.

### **Fellesskapet mellom dei truande**

**42** Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene.

**43** Kvar og ein vart gripen av ærefrykt, og mange var dei under og teikn apostlane gjorde.

**44** Alle som var komne til tru, heldt saman og hadde alt i lag.

**45** Dei selde eigedomane sine og anna gods og delte ut til alle etter som kvar trong det.

**46** Med eitt sinn samla dei seg kvar dag på tempelplassen, og i heimane braut dei brødet og åt i lag med ekte og inderleg glede.

**47** Dei song og lova Gud og var godt lika av alt folket. Og kvar dag la Herren til nye som lét seg frelsa.

## **Apostelgjerningane 3**

### **Peter lækjer og forkynner**

**1** Peter og Johannes gjekk ein dag opp til tempelet, til ettermiddagsbøna ved den niande timen.

**2** Då kom det nokre berande på ein mann som hadde vore lam heilt frå mors liv. Kvar dag sette dei han ned ved den tempelporten som heiter Den fagre, så han kunne tigga om gåver frå dei som gjekk inn på tempelplassen.

<sup>3</sup>Då han fekk auge på Peter og Johannes som var på veg inn, bad han dei òg om ei gåve.

<sup>4</sup>Dei såg fast på han, og Peter sa: «Sjå på oss!»

<sup>5</sup>Han så gjorde, for han venta å få noko av dei.

<sup>6</sup>Men Peter sa: «Sølv og gull eig eg ikkje, men det eg har, det gjev eg deg. I namnet til Jesus Kristus, nasarearen: Stå opp og gå!»

<sup>7</sup>Så tok han mannen i høgre handa og reiste han opp. Og straks fekk han styrke i føtene og anklane.

<sup>8</sup>Han sprang opp, stod på føtene og tok til å gå omkring. Så følgde han dei inn på tempelplassen, snart gjekk han, og snart sprang han, alt medan han song og lova Gud.

<sup>9</sup>Alt folket såg korleis han gjekk omkring og lovprisa Gud.

<sup>10</sup>Og dei kjende han att: Det var han som brukte å sitja ved Fagerporten og tigga om gåver. Dei vart ute av seg og fylte av ærefrykt over det som hadde hendt med han.

<sup>11</sup>Mannen heldt seg nær til Peter og Johannes, og alt folket flokka seg omkring dei i Salomos søylehall, fulle av undring.

<sup>12</sup>Då Peter såg det, tok han til å tala til folket: «Israelittar! Kvifor undrast de over dette? Kvifor stirer de på oss som om det var vår eiga kraft eller gudsfrykt som gjorde at denne mannen kan gå?

<sup>13</sup>Nei, Abrahams og Isaks og Jakobs Gud, våre fedrars Gud, har herleggjort tenaren sin, Jesus. De utleverte han og forneakta han for Pilatus, som hadde sett seg føre å gje han fri.

<sup>14</sup>De forneakta Den heilage og rettferdige og bad om å få ein mordar frigjeven.

<sup>15</sup>Men opphavsmannen til livet drap de, han som Gud vekte opp frå dei døde; det er vi vitne om.

**16** Ved trua på Jesu namn har dette hendt, for det namnet har styrkt denne mannen som de både ser og kjenner. Den tru vi får gjennom dette namnet, gjorde mannen heil og frisk, som de alle kan sjå.

**17** Eg veit nok, brør, at de gjorde dette fordi de var uvitande, slik rådsherrane dykkar er.

**18** Men slik oppfylte Gud det han på førehand hadde forkynt gjennom alle profetane, at hans Messias skulle lida.

**19** Angra difor og vend om, så syndene dykkar kan strykast ut.

**20** Då skal det koma tider med lindring frå Herren, og han skal senda den Messias som er bestemt for dykk, Jesus.

**21** Han må vera i himmelen til den tid kjem då alt det skal gjenreisast som Gud har tala om frå eldgamle dagar ved munnen til sine heilage profetar.

**22** Moses har sagt: ‘Herren Gud skal reisa opp ein profet som meg mellom dykk, ein av dykkar eigne brør. Han skal de høyra på i alt det han seier dykk.

**23** Kvar og ein som ikkje høyrer på den profeten, skal ryddast ut frå folket.’

**24** Ja, alle profetane som har tala, heilt frå Samuel, har forkynt det som hender i desse dagar.

**25** De er born av profetane, og for dykk gjeld den pakta som Gud gjorde med fedrane dykkar då han sa til Abraham: ‘I di ætt skal alle slekter på jorda velsignast.’

**26** Det var for dykk at Gud først lét tenaren sin stå fram, og han sende han for å velsigna dykk når kvar og ein vender om frå vondskapen sin.»

## **Apostelgjerningane 4**

### **Peter og Johannes for Rådet**

**1** Medan dei tala til folket, kom brått prestane bort til dei saman med saddukearane og sjefen for tempelvakta.

- <sup>2</sup>Dei var harme fordi dei underviste folket og forkynte oppstoda frå dei døde ved Jesus.
- <sup>3</sup>Dei la hand på dei og sette dei i fengsel til dagen etter, for det var alt kveld.
- <sup>4</sup>Men mange av dei som hadde høyrte bodskapen, kom til tru; talet på menn var no om lag fem tusen.
- <sup>5</sup>Dagen etter kom dei jødiske rådsherrane, dei eldste og dei skriftlærde saman i Jerusalem.
- <sup>6</sup>Også øvstepresten Annas var der, like eins Kaifas, Johannes og Aleksander og alle dei andre som var av same slekt som øvsteprestane.
- <sup>7</sup>Dei lét apostlane først fram og spurde dei: «Med kva kraft og i kva namn gjorde de dette?»
- <sup>8</sup>Då vart Peter fylt av Den heilage ande og svara: «Rådsherrar og eldste i folket!
- <sup>9</sup>Når vi i dag blir forhøyrde for ei velgjerning mot ein sjuk mann, og de spør korleis han vart lækt,
- <sup>10</sup> då skal de alle og heile Israelfolket vita dette: Når denne mannen står frisk framfor dykk, er det ved namnet til Jesus Kristus, nasarearen, han som de krossfeste, men som Gud reiste opp frå dei døde.
- <sup>11</sup> Han er steinen som vart vraka av dykk bygningsmenn, men som har vorte hjørnestein.
- <sup>12</sup> Det er ikkje frelse i nokon annan, for under himmelen er det ikkje gjeve menneska noko anna namn som vi kan bli frelste ved.»
- <sup>13</sup>Då dei såg kor frimodige Peter og Johannes var, og skjønna at dei var ulærde menn av folket, undra dei seg. Dei kjende dei att og visste at dei hadde vore i lag med Jesus.
- <sup>14</sup>Og då dei såg mannen som var lækt, stå der saman med dei, hadde dei ikkje noko å leggja imot.
- <sup>15</sup>Dei sende dei ut av rådssalen og samrødde seg med kvarandre:

<sup>16</sup> «Kva skal vi gjera med desse menneska? Det er klårt at dei har gjort eit under, det er kjent for alle som bur i Jerusalem, og det kan vi ikkje nekta for.

<sup>17</sup>Men dette må ikkje koma ut mellom folk. Difor vil vi truga dei, så dei ikkje talar til noko menneske meir i dette namnet.»

<sup>18</sup> Dei kalla dei inn att og baud dei slutta heilt med å forkynna og undervisa i Jesu namn.

<sup>19</sup>Men Peter og Johannes svara: «Døm sjølve om det er rett i Guds auge å lyda dykk meir enn han.

<sup>20</sup>Vi kan ikkje anna enn tala om det vi har sett og høyrte.»

<sup>21</sup>Dei truga dei då endå meir, og lét dei så gå. For dei såg seg inga råd til å straffa dei, fordi alt folket lova Gud for det som hadde hendt.

<sup>22</sup>For den mannen som hadde vorte lækt ved dette underet, var over førti år.

#### **Bøn og samhald**

<sup>23</sup>Då dei no var frie, gjekk dei til sine eigne og fortalde kva overprestane og dei eldste hadde sagt.

<sup>24</sup> Då dei andre høyrde det, vende dei seg alle med ein og same hug i bøn til Gud og sa: «Herre, du som skapte himmelen og jorda og havet og alt som i dei er,

<sup>25</sup> du tala ved Den heilage ande gjennom tenaren din, David, far vår, og lét han seia: Kvifor er folkeslag i opprør? Kvifor grundar folka på det som er fåfengt?

<sup>26</sup>Kongane på jorda reiser seg, fyrstane slår seg saman mot Herren og den han har salva.

<sup>27</sup> Ja, i denne byen slo dei seg sanneleg saman mot Jesus, din heilage tenar, han som du salva. Både Herodes og Pontius Pilatus saman med heidningane og Israels folk –

<sup>28</sup> alle har dei gjort det som du ved di hand og din vilje hadde fastsett.



<sup>29</sup>Og no, Herre, hald auge med trugsmåla deira og lat tenarane dine tala ditt ord med frimod!

<sup>30</sup>Rett ut di hand for å lækja og gjera teikn og under ved namnet til Jesus, din heilage tenar.»

<sup>31</sup> Då dei hadde bede, skalv staden der dei var samla, og dei vart alle fylte av Den heilage ande og tala Guds ord med frimod.

<sup>32</sup> Alle dei truande var eitt i hjarte og sinn, og ingen rekna det han eigde som sitt eige; dei hadde alt i lag.

<sup>33</sup> Med stor kraft bar apostlane fram vitnemålet om at Herren Jesus var stått opp, og stor nåde var over dei alle.

<sup>34</sup>Ingen av dei leid naud, for dei som eigde jord eller hus, selde det og kom med pengane

<sup>35</sup>og la dei ved føtene til apostlane. Sidan fekk kvar einskild tildelt det han trong.

<sup>36</sup> Josef, ein levitt frå Kypros, vart av apostlane kalla Barnabas, det tyder trøystarsonen.

<sup>37</sup>Han eigde ein åker. Den selde han og kom med pengane og la dei ved føtene til apostlane.

## Apostelgjerningane 5

### Ananias og Saffira

<sup>1</sup> Ein mann som heitte Ananias, og Saffira, kona hans, selde ein eigedom.

<sup>2</sup>Men han gøymde unna ein del av pengane, og kona visste om det. Så kom han med resten og la det ved føtene til apostlane.

<sup>3</sup> Då sa Peter: «Ananias, kvifor har Satan fylt hjartet ditt, så du laug for Den heilage ande og heldt att noko av det du fekk for jorda di?

<sup>4</sup>Var ho ikkje di så lenge du hadde henne? Og når du så hadde selt, rådde du ikkje sjølv over pengane? Kvifor lét du dette få rom i hjartet ditt? Det er ikkje menneske du har loge for, men Gud.»

<sup>5</sup>Då Ananias hørde dette, fall han om og døydde. Og det kom redsle over alle som hørde om det.

<sup>6</sup>Nokre unge menn kom og sveipte den døde. Så bar dei han ut og gravla han.

<sup>7</sup>Om lag tre timar seinare kom kona hans inn. Ho visste ikkje kva som hadde hendt.

<sup>8</sup>Peter spurde henne: «Sei meg, var dette alt de fekk for jorda?» «Ja», svara ho, «det var alt.»

<sup>9</sup>Då sa Peter til henne: «Korleis kunne de bli samde om å setja Herrens Ande på prøve? Høyr stega utanfor døra. Det er dei som har gravlagt mannen din. No skal dei bera deg ut.»

<sup>10</sup>Og straks fall ho om ved føtene hans og døydde. Dei unge mennene kom inn og fann henne død, og dei bar henne ut og gravla henne ved sida av mannen.

<sup>11</sup> Og det kom stor otte over heile forsamlinga og alle som hørde om det.

### **Teikn og under**

<sup>12</sup> Ved hendene til apostlane vart mange teikn og under gjorde i folket. Med eitt sinn heldt alle saman og møttest i Salomos søylehall.

<sup>13</sup>Ingen andre våga å slutta seg til dei, men folket sette dei høgt.

<sup>14</sup>Fleire og fleire trudde på Herren og vart lagde til flokken, både menn og kvinner i stort tal.

<sup>15</sup> Dei bar til og med sjuke ut på gatene og la dei på senger og bårer, så i det minste skuggen av Peter kunne falla på nokre av dei når han gjekk framom.

<sup>16</sup>Også frå byane kring Jerusalem kom det folk i stort tal. Dei bar med seg sjuke og slike som var plaga av ureine ånder, og alle vart lækte.

### **Nytt forhøyr**

**17** Då greip øvstepresten inn, han og alle som heldt med han, det vil seia saddukearpartiet. Dei vart brennande harme,

**18** greip apostlane og kasta dei i byfengselet.

**19** Men ein engel frå Herren opna fengselsportane om natta, leidde dei ut og sa:

**20** «Gå og still dykk opp på tempelplassen og forkynn for folket heile denne budskapen om livet!»

**21** Fordi dei hadde høyrte desse orda, gjekk dei til tempelet utpå morgonsida, og der underviste dei. Samstundes kalla øvstepresten og mennene hans saman Rådet, heile eldsterådet i Israel, og sende bod til fengselet etter apostlane.

**22** Men då vaktmennene kom dit, fann dei ikkje apostlane. Dei kom tilbake og melde:

**23** «Vi fann fengselet forsvarleg stengt, og vaktene stod ved portane. Men då vi lét opp, fann vi ingen der inne.»

**24** Denne meldinga gjorde overprestane og sjefen for tempelvakta rådville, og dei undra seg på kva dette kunne vera.

**25** I det same kom det ein og fortalde: «Dei mennene de sette i fengsel, står no på tempelplassen og underviser folket.»

**26** Sjefen for vakta og mennene hans drog då av stad og henta dei, men utan å bruka makt; dei var redde for å bli steina av folket.

**27** Så tok dei apostlane med seg og stilte dei fram for Rådet. Og øvstepresten tok til å spørja dei ut:

**28** «Forbaud vi dykk ikkje strengt å undervisa om dette namnet? Og no har de fylt heile Jerusalem med læra dykkar og vil leggja skulda for blodet til denne mannen over på oss.»

**29** Men Peter og apostlane svara: «Ein skal lyda Gud meir enn menneske!

**30** Våre fedrars Gud reiste opp Jesus, han som de hengde på eit tre og drap.

**31** Han har Gud lyft opp og sett ved si høgre hand som fyrste og frelsar, for at han kan gje Israel omvending og tilgjeving for syndene.

**32** Om alt dette kan vi vitna, vi og Den heilage ande som Gud har gjeve dei som lyder han.»

**33** Då dei høyrde dette, vart dei rasande og sette seg føre å drepa dei.

**34** Men ein farisear som heitte Gamaliel, ein lovlærer som heile folket sette høgt, reiste seg i Rådet, bad dei føra mennene ut ei lita stund

**35** og sa: «Israelittar! Tenk dykk vel om før de gjer noko med desse mennene!

**36** For ei tid sidan stod Tevdas fram. Han gav seg ut for å vera noko stort, og om lag fire hundre menn slo lag med han. Men han vart drepen, og heile flokken av tilhengjarar løyste seg opp og vart borte.

**37** Etter han, på den tid det var folketeljing, kom galilearen Judas. Han drog med seg mykje folk, men han mista livet, og alle tilhengjarane hans vart spreidde.

**38** Og no seier eg dykk: Hald dykk unna desse mennene! Lat dei gå! For dersom dette er menneskevilje og menneskeverk, blir det ingenting av det.

**39** Men er det av Gud, kan de ikkje stansa dei. Det kunne visa seg at de strider mot Gud.» Dei følgde rådet hans

**40** og kalla apostlane inn att. Dei lét dei piska, forbaud dei å tala i Jesu namn og lét dei så gå.

**41** Dei gjekk bort frå Rådet, glade fordi dei var rekna verdige til å lida vanære for Namnet skuld.

**42** Men dei lét seg ikkje stansa. Både i tempelet og i heimane heldt dei dag etter dag fram med å undervisa og forkynna evangeliet om at Jesus er Messias.

## Apostelgjerningane 6

### Ei ny teneste i forsamlinga

<sup>1</sup> På denne tida, då talet på læresveinar stadig auka, tok dei gresktalande til å klaga på dei hebraisktalande fordi deira eigne enkjer vart sette til sides ved den daglege hjelpetenesta.

<sup>2</sup> Dei tolv kalla då saman alle læresveinane og sa: «Det er ikkje rett at vi forsømer Guds ord for å gjera teneste ved borda.

<sup>3</sup> Vel no ut blant dykk, brør, sju menn som har godt ord på seg og er fylte av Ande og visdom. Dei set vi til denne oppgåva.

<sup>4</sup> Sjølv skal vi halda oss til bøna og tenesta med Ordet.»

<sup>5</sup> Dette framlegget vart godt motteke av heile forsamlinga. Og dei valde Stefanus, ein mann full av tru og Heilag Ande, og Filip, Prokoros, Nikanor, Timon, Parmenas og Nikolaus, ein proselytt frå Antiokia.

<sup>6</sup> Desse førte dei fram for apostlane, som bad og la hendene på dei.

<sup>7</sup> Guds ord breidde seg ut, og talet på læresveinar i Jerusalem auka sterkt. Ein stor flokk av prestane vart òg lydige mot trua.

### Stefanus

<sup>8</sup> Stefanus var full av nåde og kraft og gjorde store under og teikn mellom folket.

<sup>9</sup> Då stod det fram nokre frå den synagogen som vart kalla «Synagogen for frigjevne og for kyrenearar og aleksandrinarar». Saman med jødar frå Kilikia og Asia gav dei seg i ordskifte med Stefanus.

<sup>10</sup> Men dei kunne ikkje stå seg mot den visdom og ånd som han tala med.

<sup>11</sup> Då fekk dei i løynd lokka nokre menn til å seia: «Vi har høyrte han seia spottande ord mot Moses og Gud.»

<sup>12</sup> På den måten eggja dei opp folket og dei eldste og dei skriftlærde. Og dei gjekk mot han, greip han og drog han med seg inn for Rådet.

<sup>13</sup> Der førte dei fram falske vitne som sa: «Denne mannen held ikkje opp med å tala mot denne heilage staden og mot lova.

<sup>14</sup> Vi har høyrte han seia at denne Jesus frå Nasaret skal riva ned heilagdomen og endra dei skikkane som vi har fått overleverte frå Moses.»

<sup>15</sup> Då feste dei auga på han, alle som sat i Rådet, og dei såg at andletet hans var som eit engleandlet.

## **Apostelgjerningane 7**

<sup>1</sup> Øvstepresten spurde: «Er det sant, dette?»

<sup>2</sup> Stefanus svara: «Brør og fedrar, høyr på meg! Herlegdomens Gud synt seg for Abraham, far vår, medan han var i Mesopotamia, før han slo seg ned i Harran,

<sup>3</sup> og sa til han: ‘Dra bort frå landet ditt og frå slekta di til det landet som eg skal syna deg!’

<sup>4</sup> Då drog han frå Kaldearlandet og busette seg i Harran, og etter at far hans var død, lét Gud han flytta derifrå til dette landet der de no bur.

<sup>5</sup> Gud gav han ikkje noka jord til eige der, ikkje så mykje som ei fotbreidd; men han lova å gje han og ætta hans landet i eige, endå han ikkje hadde born.

<sup>6</sup> Og Gud sa til han at ætta hans skulle bu som innflyttarar i eit framandt land, der dei skulle vera slavar og bli plaga i fire hundre år.

<sup>7</sup> ‘Men det folket dei skal vera slavar for, vil eg dømme’, sa Gud, ‘og så skal dei dra ut og tena meg på denne staden.’

<sup>8</sup> Og Gud gav han omskjeringspakta. Så fekk han sonen Isak og omskar han den åttande dagen. Det same gjorde Isak med Jakob, og Jakob med dei tolv stamfedrane.

<sup>9</sup> Fedrane vart misunnelege på Josef og selde han til Egypt. Men Gud var med han

<sup>10</sup> og berga han ut av all naud. Han gav han visdom og lét han vinna godvilje hos farao, egyptarkongen, og kongen sette han til å styra Egypt og heile sitt hus.

- 11 Så vart det uår i heile Egypt og Kanaan, og nauda var stor. Fedrane våre fekk ikkje tak i mat.
- 12 Men Jakob høyrde at det var korn i Egypt, og han sende fedrane våre dit første gongen.
- 13 Andre gongen dei kom, gav Josef seg til kjenne for brørne sine, og farao fekk vita om ætta hans.
- 14 Då sende Josef bod og kalla til seg Jakob, far sin, og heile ætta – syttifem personar.
- 15 Så reiste Jakob ned til Egypt, og der enda han sine dagar, både han og fedrane våre.
- 16 Dei vart førte til Sikem og lagde i den grava som Abraham hadde kjøpt for sølv av sønene til Hamor i Sikem.
- 17 Etter kvart som det leid fram mot den tida då Gud skulle setja i verk det han hadde lova Abraham, voks folket og vart talrikt i Egypt.
- 18 Det stod fram ein ny konge i Egypt, ein som ikkje visste om Josef.
- 19 Han fór fram med list mot folket vårt, var hard med fedrane våre og tvinga dei til å setja ut spedborna sine, så dei ikkje skulle få leva opp.
- 20 På den tida vart Moses fødd. Han var eit vakkert barn i Guds auge. I tre månader vart han fostra i huset til far sin.
- 21 Så vart han sett ut. Men dotter til farao tok han opp og fostra han som sin eigen son.
- 22 Såleis fekk Moses opplæring i all egyptisk visdom, og han var full av kraft både i ord og i gjerning.
- 23 Då han hadde fylt førti år, fekk han hug til å sjå korleis det gjekk med landsmennene sine, Israelfolket.
- 24 Og då han såg ein som leid urett, kom han mannen til hjelp. Han slo egyptaren i hel, så den mishandla fekk retten sin.

<sup>25</sup>Han trudde at landsmennene hans kom til å skjøna at Gud ville bruka han til å berga dei, men dei skjøna det ikkje.

<sup>26</sup>Dagen etter kom han over to menn som slost, og han prøvde å forlika dei og sa: ‘De er då brør! Kvifor gjer de urett mot kvarandre?’

<sup>27</sup>Men han som hadde gjort urett mot landsmannen sin, skuva han til sides og sa: ‘Kven har sett deg til leiar og dommar over oss?’

<sup>28</sup>Tenkjer du å drepa meg, slik du drap egyptaren i går?’

<sup>29</sup>Desse orda fekk Moses til å rømme, og han slo seg ned som innflyttar i Midjan, der han fekk to søner.

<sup>30</sup>Då førti år var gått, synte ein engel seg for han i øydemarka ved Sinai-fjellet, i logen frå ein brennande klungerbusk.

<sup>31</sup>Moses såg dette synet og undra seg. Då han gjekk nærare for å sjå etter, lydde Herrens røyst:

<sup>32</sup>‘Eg er dine fedrars Gud, Abraham og Isak og Jakobs Gud.’ Men Moses skalv av redsle og våga ikkje sjå opp.

<sup>33</sup>Då sa Herren til han: ‘Ta skorne av føtene! For staden du står på, er heilag grunn.

<sup>34</sup>Eg har sett korleis folket mitt blir plaga i Egypt og har høyrte korleis dei klagar. Eg har stige ned for å fria dei ut. Gå no! Eg sender deg til Egypt.’

<sup>35</sup>Det var denne Moses dei ikkje ville vita av då dei sa: ‘Kven har sett deg til leiar og dommar?’ – og det var han Gud sende til leiar og bergingsmann, med hjelp av engelen som synte seg for han i klungerbusken.

<sup>36</sup>Moses var det som førte dei ut og gjorde under og teikn i Egypt, ved Raudehavet og i øydemarka i førti år.

<sup>37</sup>Han var det som sa til israelittane: ‘Gud skal la det stå fram ein profet som meg mellom dykk, ein av dykkar eigne brør.’



**38** Då folket var samla i øydemarka, var det òg han som var saman både med fedrane våre og med engelen som tala til han frå Sinai-fjellet. Moses tok imot levande ord som han skulle gje oss.

**39** Men fedrane våre ville ikkje lyda han. Dei viste han frå seg, og i sitt hjarte vende dei attende til Egypt,

**40** og dei sa til Aron: ‘Lag gudar til oss som kan gå føre oss. For vi veit ikkje kva som har hendt med denne Moses som førte oss ut frå Egypt.’

**41** På den tida laga dei ein kalv og bar fram offer til denne avguden og gledde seg over eit verk av sine eigne hender.

**42** Då vende Gud seg frå dei og lét dei tilbe himmelhæren, som det står skrive i profetboka: Bar de fram for meg slaktoffer og gåver dei førti åra i ørkenen, Israels hus?

**43** Nei, de bar med dykk teltet til Molok og stjerna til Refan, guden dykkar, bileta som de laga og tilbad. Men eg vil flytta dykk bortanfor Babylon.

**44** I øydemarka hadde fedrane våre vitnemålsteltet, det som Moses skulle laga etter det førebiletet han fekk sjå, slik han som tala til Moses, hadde gjeve påbod om.

**45** Fedrane våre fekk det i arv, og under Josva tok dei det med seg inn i det landet dei fekk i eige etter dei folkeslaga som Gud dreiv bort framfor dei. Slik var det heilt til Davids dagar.

**46** Han fann nåde hos Gud og bad om å få sørgja for ein bustad til Jakobs hus.

**47** Men det vart Salomo som bygde eit hus for Gud.

**48** Likevel bur ikkje Den høgste i noko som er bygd av menneskehand. For såleis talar profeten:

**49** Himmelen er mi trone, og jorda er min fotskammel. Kva slag hus kan de byggja for meg, seier Herren, eller kvar er staden der eg kan kvila?

**50** Er det ikkje mi hand som har skapt alt dette?

**51** Stivnakka er de, og uomskorne på hjarte og øyre! Alltid står de Den heilage ande imot, de som fedrane dykkar.

**52** Kven av profetane var det fedrane dykkar ikkje forfølgde? Dei drap dei som på førehand forkynte at Den rettferdige skulle koma. Og han har de no svike og slege i hel,

**53** de som tok imot lova etter påbod av englar, men ikkje har halde henne.»

### **Stefanus blir steina**

**54** Då dei høyrde dette, vart dei rasande og skar tenner mot han.

**55** Men fylt av Den heilage ande vende Stefanus auga mot himmelen, og der såg han Guds herlegdom og Jesus stå ved Guds høgre hand.

**56** Då sa han: «Eg ser himmelen open og Menneskesonen stå ved Guds høgre hand.»

**57** Men då skreik dei høgt og heldt seg for øyra, og alle som ein storma dei mot han.

**58** Dei dreiv han ut av byen og steina han. Og vitna la kappene sine ved føtene til ein ung mann som heitte Saulus.

**59** Dei steina Stefanus medan han bad og sa: «Herre Jesus, ta imot mi ånd.»

**60** Så fall han på kne og ropa høgt: «Herre, tilrekna dei ikkje denne synda!» Då han hadde sagt det, sovna han inn.

## **Apostelgjerningane 8**

**1** Saulus var samd i drapet på Stefanus.

### **Forfølging**

Same dagen braut det ut ei hard forfølging mot forsamlinga i Jerusalem. Alle så nær som apostlane vart spreidde omkring i Judea og Samaria.

**2** Nokre fromme menn gravla Stefanus og heldt ei stor dødsklage over han.

**3** Men Saulus fór hardt fram mot forsamlinga. Han trengde seg inn i hus etter hus og drog ut både menn og kvinner og fekk dei sette i fengsel.

### **Filip i Samaria**

- <sup>4</sup> Dei som var spreidde omkring, drog rundt og forkynte Ordet.
- <sup>5</sup> Filip kom ned til hovudstaden i Samaria, og der forkynte han Kristus.
- <sup>6</sup> Og alle som ein følgde godt med på det Filip sa når dei høyrde han og såg dei teikna han gjorde.
- <sup>7</sup> For mange hadde ureine ånder i seg, og dei fór ut med høge skrik, og mange lamme og halte vart lækte.
- <sup>8</sup> Det vart stor glede der i byen.
- <sup>9</sup> Ein mann som heitte Simon, hadde fare med trolldom i byen og sett folket i Samaria i stor undring. Han gav seg ut for å vera noko stort.
- <sup>10</sup> Alle var opptekne av han, og både små og store sa: «Han er den Guds kraft som kallast Den store.»
- <sup>11</sup> Dei slutta seg til han fordi han i lang tid hadde sett dei i undring med trolldomskunstene sine.
- <sup>12</sup> Då dei begynte å tru Filip, som forkynte evangeliet om Guds rike og Jesu Kristi namn, lét dei seg døypa, både menn og kvinner.
- <sup>13</sup> Simon kom òg til tru. Etter at han var døypt, heldt han seg stadig til Filip og undra seg over dei teikn og mektige gjerningar som han såg.
- <sup>14</sup> Då apostlane i Jerusalem fekk høyra at Samaria hadde teke imot Guds ord, sende dei Peter og Johannes dit.
- <sup>15</sup> Dei kom ned og bad for dei truande, at dei måtte få Den heilage ande.
- <sup>16</sup> For Anden var endå ikkje komen over nokon av dei; dei var berre døypte til Herren Jesu namn.
- <sup>17</sup> No la dei hendene på dei, og dei fekk Den heilage ande.
- <sup>18</sup> Men då Simon såg at Anden vart gjeven når apostlane la hendene på dei, baud han dei pengar
- <sup>19</sup> og sa: «Gjev meg òg denne makta, så den eg legg hendene på, kan få Den heilage ande!»

**20** Men Peter sa til han: «Måtte pengane dine gå til grunne saman med deg, du som tenkte at du kunne kjøpa Guds gåve for pengar!

**21** Du har ingen lut eller del i dette, for hjartet ditt er ikkje rett i Guds auge.

**22** Vend om frå denne vondskapen din, og be til Herren, så kanskje han vil tilgje deg at du ber slik ein tanke i hjartet ditt.

**23** For eg ser at du er full av bitter galle og lenkja til vondskap.»

**24**Då sa Simon: «De må be til Herren for meg, så ikkje noko av det de no har sagt, skal koma over meg.»

**25**Etter at dei hadde bore fram vitnemålet sitt og tala Herrens ord, drog dei tilbake til Jerusalem, og på vegen forkynte dei evangeliet i mange av landsbyane i Samaria.

### **Filip og den etiopiske hoffmannen**

**26**Ein engel frå Herren tala til Filip og sa: «Gjer deg ferdig og gå sørover på vegen som fører frå Jerusalem til Gaza.» Dette er ei aud strekning.

**27** Filip gjorde seg ferdig og tok ut. Då fekk han sjå ein etiopisk hoffmann, ein høg embetsmann som hadde tilsyn med skattkammeret hos Kandake, dronninga i Etiopia. No hadde han vore i Jerusalem for å tilbe.

**28**Han var på veg heim og sat i vogna si og las frå profeten Jesaja.

**29**Då sa Anden til Filip: «Gå bort og hald deg attmed den vogna.»

**30**Filip sprang dit bort og hørde at han las frå profeten Jesaja. «Skjønar du det du les?» spurde han.

**31**«Korleis kan eg vel det når ingen rettleier meg?» svara han. Og han bad Filip koma opp og setja seg ved sida av han.

**32** Det stykket i Skrifta som han las, var dette: Lik ein sau dei fører til slakting, lik eit lam som teier når det blir klipt, lét han ikkje opp sin munn.

**33**Då han var fornedra, vart dommen over han bortteken. Kven kan fortelja om hans ætt? For livet hans er rykt bort frå jorda.

<sup>34</sup>Hoffmannen sa då til Filip: «Sei meg, kven er det profeten talar om her? Er det om seg sjølv eller om ein annan?»

<sup>35</sup>Då tok Filip til orde. Han begynte med dette skriftordet og forkynte evangeliet om Jesus for han.

<sup>36</sup>Medan dei køyrde frametter vegen, kom dei til ein stad der det var vatn, og hoffmannen sa: «Sjå, her er vatn. Kva er til hinder for at eg blir døypt?»

<sup>37</sup>{«Trur du av heile ditt hjarte, så kan det gjerast», sa Filip. «Eg trur at Jesus Kristus er Guds Son», svara han.}}

<sup>38</sup>Så lét han vogna stansa, og dei steig ned i vatnet, både Filip og hoffmannen, og Filip døypte han.

<sup>39</sup>Då dei steig opp av vatnet, rykte Herrens Ande Filip bort, og hoffmannen såg han ikkje meir. Han fór glad sin veg.

<sup>40</sup>Men Filip fekk dei sjå att i Asjdod, og han forkynte evangeliet i alle byane han drog igjennom, heilt til Cæsarea.

## Apostelgjerningane 9

### Saulus ved Damaskus

<sup>1</sup>Saulus rasa endå mot Herrens læresveinar og truga dei på livet. Han gjekk til øvstepresten

<sup>2</sup>og bad om brev til synagogane i Damaskus, så han kunne finna dei som hørde Vegen til, både menn og kvinner, og føra dei i lenkjer til Jerusalem.

<sup>3</sup>Men då han var på veg og nærma seg Damaskus, stråla det brått eit lys frå himmelen omkring han.

<sup>4</sup>Han stupte til jorda og hørde ei røyst som sa: «Saul, Saul, kvifor forfølgjer du meg?»

<sup>5</sup>«Kven er du, Herre?» spurde Saulus. Han svara: «Eg er Jesus, han som du forfølgjer.

<sup>6</sup>Stå opp og gå inn i byen! Der skal dei seia deg kva du skal gjera.»

<sup>7</sup> Mennene som følgde han, stod mållause; dei høyrde røysta, men såg ikkje nokon.

<sup>8</sup> Saulus reiste seg opp, men då han opna auga, kunne han ikkje sjå. Så tok dei han i handa og leidde han inn til Damaskus.

<sup>9</sup> I tre dagar sat han der utan å sjå noko, og han verken åt eller drakk.

<sup>10</sup> I Damaskus var det ein læresvein som heitte Ananias. I eit syn sa Herren til han: «Ananias!» Han svara: «Her er eg, Herre.»

<sup>11</sup> Og Herren sa: «Gå bort i den gata som dei kallar Den beine, og i huset til Judas skal du spørja etter ein som heiter Saulus og er frå Tarsos. For sjå, han bed.

<sup>12</sup> Og han har hatt eit syn og sett ein mann som heiter Ananias koma og leggja hendene på han, så han kan få att synet.»

<sup>13</sup> Men Ananias svara: «Herre, eg har høyrte mange fortelja om denne mannen og om alt det vonde han har gjort mot dine heilage i Jerusalem.

<sup>14</sup> Og han er komen hit med fullmakt frå overprestane for å leggja i lenkjer alle som kallar på ditt namn.»

<sup>15</sup> Men Herren sa til han: «Berre gå du! Han er ein reiskap som eg har valt meg ut til å bera namnet mitt fram for heidningfolk og kongar og for Israels folk.

<sup>16</sup> Eg skal visa han kor mykje han må lida for mitt namn skuld.»

<sup>17</sup> Så gjekk Ananias. Då han kom inn i huset, la han hendene på Saulus og sa: «Saul, bror! Herren sjølv, Jesus som synt seg for deg på vegen, har sendt meg for at du skal få att synet og bli fylt av Den heilage ande.»

<sup>18</sup> Og straks fall det liksom skjel frå auga hans, og han fekk att synet. Han stod opp og vart døypt.

<sup>19</sup> Så fekk han mat og kom til krefter. Han vart verande nokre dagar saman med læresveinane i Damaskus,

<sup>20</sup> der han straks forkynte Jesus i synagogane og sa: «Han er Guds Son.»

<sup>21</sup>Alle som hørde på, vart fulle av undring og sa: «Er ikkje dette han som i Jerusalem ville rydda ut alle som kallar på dette namnet? Og kom han ikkje hit for å føra dei i lenkjer til overprestane?»

<sup>22</sup>Men Saulus fekk meir og meir kraft, og jødane i Damaskus vart svar skuldige då han viste dei klårt at Jesus er Messias.

<sup>23</sup>Då det hadde gått ei tid, vart jødane samde om å drepa han.

<sup>24</sup>Men Saulus fekk høyra om planen deira. Dag og natt heldt dei vakt, også ved byportane, for å drepa han.

<sup>25</sup>Men læresveinane hans fekk han ut om natta; dei firte han nedetter muren i ei korg.

### **Saulus i Jerusalem**

<sup>26</sup> Då han kom til Jerusalem, freista han å koma inn blant læresveinane. Men alle var redde han, for dei stolte ikkje på at han var ein læresvein.

<sup>27</sup> Då tok Barnabas han med seg til apostlane. Og han fortalde dei korleis Saulus på vegen hadde sett Herren, som hadde tala til han, og korleis han med frimod hadde forkynt i Jesu namn i Damaskus.

<sup>28</sup>Sidan gjekk han ut og inn med dei i Jerusalem og tala frimodig i Herrens namn.

<sup>29</sup> Han tala òg med dei gresktalande jødane og gav seg i ordskifte med dei. Men dei freista å drepa han.

<sup>30</sup> Då brørne fekk vita det, førte dei han til Cæsarea og sende han derifrå til Tarsos.

<sup>31</sup> Kyrkja hadde no fred over heile Judea og Galilea og Samaria. Ho vart bygd opp og levde i ærefrykt for Herren, og styrkt av Den heilage ande auka ho meir og meir.

### **Peter gjer under**

<sup>32</sup>Medan Peter reiste omkring overalt, hende det at han kom ned til dei heilage som budde i Lod.

<sup>33</sup>Der fekk han sjå ein mann som var lam og hadde lege til sengs i åtte år. Han heitte Æneas.

<sup>34</sup>Peter sa til han: «Æneas, Jesus Kristus gjer deg frisk. Stå opp og rei senga di!» Straks reiste han seg opp.

<sup>35</sup>Og alle dei som budde i Lod og på Saron-sletta, fekk sjå han og vende om til Herren.

<sup>36</sup>I Jaffa budde det ein kvinneleg læresvein som heitte Tabita, på gresk Dorkas. Ho gjorde mykje godt og tok seg av dei fattige.

<sup>37</sup>Men på den tida vart ho sjuk og døydde. Dei vaska henne og la henne i eit rom ovanpå.

<sup>38</sup>Jaffa er ikkje langt frå Lod. Og då læresveinane fekk høyra at Peter var der, sende dei to menn til han med dette bodet: «Kom hit så fort du kan!»

<sup>39</sup>Peter gjorde seg ferdig og vart med dei. Då han kom fram, følgde dei han opp på rommet, der alle enkjene samla seg gråtande omkring han. Dei viste fram kjortlane og kappene som Dorkas hadde sydd medan ho endå var mellom dei.

<sup>40</sup>Peter sende alle ut og la seg på kne og bad. Så snudde han seg mot den døde og sa: «Tabita, stå opp!» Ho opna auga, og då ho såg Peter, sette ho seg opp.

<sup>41</sup>Han rette henne handa og reiste henne opp. Så kalla han inn enkjene og dei heilage og viste dei at ho levde.

<sup>42</sup>Dette vart kjent over heile Jaffa, og mange kom til tru på Herren.

<sup>43</sup>Peter vart buande ei tid i Jaffa hos ein garvar som heitte Simon.

## Apostelgjerningane 10

### Peter og Kornelius

<sup>1</sup>I Cæsarea budde det ein mann som heitte Kornelius, ein offiser i den hæravdelinga som vart kalla Den italiske.



<sup>2</sup>Han var ein from mann, og både han og huslyden hans var gudfryktige. Han gav ofte gåver til dei fattige i folket, og han bad alltid til Gud.

<sup>3</sup>Ein dag ved den niande timen hadde han eit syn. Han såg tydeleg at ein engel frå Gud kom inn til han og sa: «Kornelius!»

<sup>4</sup>Kornelius stirte på han og spurde skjelvande redd: «Kva er det, herre?» Engelen svara: «Bønene dine og gåvene dine til dei fattige har stige opp til Gud og mint han om deg.

<sup>5</sup>Send no folk til Jaffa og hent ein mann som heiter Simon med tilnamnet Peter.

<sup>6</sup>Han bur hos garvaren Simon, som har eit hus nedmed sjøen.»

<sup>7</sup>Då engelen som tala til han, var faren bort, kalla Kornelius til seg to av tenarane sine og ein gudfryktig soldat, ein av oppassarane.

<sup>8</sup>Han fortalde dei kva som hadde hendt, og sende dei så av stad til Jaffa.

<sup>9</sup>Dagen etter, medan dei var på vegen og nærma seg byen, gjekk Peter opp på taket for å be. Det var omkring den sjetten timen.

<sup>10</sup>Då vart han svolten og ville få seg mat. Medan dei laga til maten, kom han i ekstase,

<sup>11</sup> og han såg himmelen open og noko koma dalande ned. Det såg ut som ein stor duk som vart firt ned på jorda etter dei fire hjørna.

<sup>12</sup>I duken var det alle slags dyr som lever på jorda, firføtte dyr og krypdyr, og alle slags fuglar under himmelen.

<sup>13</sup>Og det kom ei røyst som sa: «Stå opp, Peter! Slakt og et!»

<sup>14</sup>«Det kan eg ikkje, Herre!» svara Peter. «Aldri har eg ete noko vanheilagt eller ureint.»

<sup>15</sup>Då tala røysta til han andre gongen: «Det som Gud har sagt er reint, skal ikkje du rekna som ureint.»

<sup>16</sup>Dette hende tre gonger, og så vart duken teken opp att til himmelen.

<sup>17</sup>Som no Peter var i villreie om kva det kunne tyda, det synet han hadde hatt, kom mennene frå Kornelius. Dei hadde spurt seg fram til huset hans Simon, og no stod dei utfor porten.

<sup>18</sup>Dei ropa inn og spurde om Simon med tilnamnet Peter budde der.

<sup>19</sup>Og medan Peter endå grunda på synet, sa Anden til han: «Her er tre menn som spør etter deg.

<sup>20</sup>Skund deg og gå ned! Du skal følgja dei utan å nøla, for det er eg som har sendt dei.»

<sup>21</sup>Då gjekk Peter ned til mennene og sa: «Det er meg de spør etter. Kvifor er de komne hit?»

<sup>22</sup>Dei svara: «Offiseren Kornelius, ein rettferdig og gudfryktig mann som heile jødefolket har berre godt å seia om, har fått ein bodskap frå ein heilag engel som sa at han skulle henta deg heim til seg og høyra kva du har å seia.»

<sup>23</sup>Så bad Peter dei inn og lét dei bu der om natta. Dagen etter tok han av stad saman med dei, og nokre av brørne frå Jaffa var med han.

<sup>24</sup>Neste dag nådde dei Cæsarea. Kornelius venta dei og hadde bede saman slektningane og dei næraste venene sine.

<sup>25</sup>Som no Peter skulle gå inn, kom Kornelius imot han, kasta seg ned for føtene hans og tilbad han.

<sup>26</sup>Men Peter reiste han opp og sa: «Stå opp! Eg er eit menneske, eg òg.»

<sup>27</sup>Medan dei snakka saman, gjekk dei inn. Der fann han mange som hadde samla seg,

<sup>28</sup>og han sa til dei: «De veit at det ikkje er tillate for ein jøde å omgåast eller vitja nokon frå eit anna folk. Men meg har Gud vist at eg ikkje skal kalla noko menneske vanheilagt eller ureint.

<sup>29</sup>Difor kom eg utan motmæle då eg vart bodsend. Men no spør eg: Kvifor har de sendt bod etter meg?»

**30** Då sa Kornelius: «For tre dagar sidan heldt eg bøn heime i huset mitt. Det var på same tid som no, i den niande timen. Med eitt stod det ein mann i lysande klede framfor meg.

**31** ‘Kornelius’, sa han, ‘Gud har høyrte bøna di og har kome i hug at du gjev til dei fattige.

**32** Send bod til Jaffa og be Simon med tilnamnet Peter koma hit! Han held til hos garvaren Simon, som bur nedmed sjøen.’

**33** Då sende eg straks bod etter deg, og du gjorde vel som kom. No står vi alle her for Guds andlet og vil høyra alt som Herren har pålagt deg å seia.»

**34** Då tok Peter til orde og sa: «No skjønar eg i sanning at Gud ikkje gjer forskjell på folk,

**35** men tek imot alle som ottast han og gjer det som rett er, same kva folkeslag dei høyrer til.

**36** Dette var det ordet han sende til Israels folk, den gode budskapet om fred ved Jesus Kristus, han som er Herre over alle.

**37** De veit om det som tok til i Galilea etter at Johannes hadde forkynt dåp, og som spreidde seg over heile Judea:

**38** at Jesus frå Nasaret vart salva av Gud med Den heilage ande og kraft, og at han gjekk omkring og gjorde vel og lækte alle som var under djevelens makt, for Gud var med han.

**39** Og vi er vitne om alt det han gjorde rundt om i landet til jødane og i Jerusalem. Han som dei hengde på eit tre og tok livet av,

**40** han reiste Gud opp att tredje dagen og lét han syna seg,

**41** ikkje for heile folket, men for dei vitne som Gud på førehand hadde valt ut, for oss som åt og drakk i lag med han etter at han hadde stått opp frå dei døde.

**42** Og han baud oss forkynna dette for folket og vitna at han er den som Gud har sett til dommar over levande og døde.

<sup>43</sup> Alle profetane vitnar om han og seier at kvar den som trur på han, skal få tilgjeving for syndene ved hans namn.»

<sup>44</sup> Medan Peter endå tala, fall Den heilage ande på alle dei som høyrde Ordet.

<sup>45</sup> Dei truande av jødisk ætt som var komne dit saman med Peter, undra seg storleg over at Den heilage andens gåve var aust ut over heidningane òg.

<sup>46</sup> For dei høyrde at dei tala i tunger og lova Gud. Då sa Peter:

<sup>47</sup> «Desse har fått Den heilage ande slik som vi. Kan då nokon nekta dei vatnet og hindra at dei blir døypte?»

<sup>48</sup> Og han baud at dei skulle døypast i Jesu Kristi namn. Så bad dei han vera der nokre dagar.

## Apostelgjerningane 11

### Peter i Jerusalem

<sup>1</sup> Apostlane og dei brørne som heldt til rundt omkring i Judea, fekk høyra at heidningane òg hadde teke imot Guds ord.

<sup>2</sup> Og då Peter kom opp til Jerusalem, gjekk dei omskorne i rette med han

<sup>3</sup> og sa: «Du har gått inn til uomskorne og ete saman med dei.»

<sup>4</sup> Då tok Peter til orde og greidde ut for dei alt frå først til sist:

<sup>5</sup> «Eg var i Jaffa, og medan eg bad, kom eg i ekstase, og eg hadde eit syn. Eg såg noko koma dalande ned; det såg ut som ein stor duk som vart firt ned frå himmelen etter dei fire hjørna, og det kom heilt ned til meg.

<sup>6</sup> Eg såg nøye på det og granska det, og då fekk eg sjå dei firføtte dyra på jorda, dei ville dyra, krypdyra og fuglane under himmelen.

<sup>7</sup> Og eg høyrde ei røyst som sa til meg: ‘Stå opp, Peter! Slakt og et!’

<sup>8</sup> ‘Det kan eg ikkje, Herre!’ svara eg. ‘Aldri har det kome noko vanheilagt eller ureint i min munn.’

<sup>9</sup> Då lydde røysta frå himmelen andre gongen: ‘Det som Gud har sagt er reint, skal ikkje du rekna som ureint.’

- <sup>10</sup> Dette hende tre gonger, og så vart alt teke opp att til himmelen.
- <sup>11</sup> I det same stod det tre menn utanfor det huset vi var i. Dei var sende til meg frå Cæsarea.
- <sup>12</sup> Og Anden sa til meg at eg skulle gå med dei utan å nøla. Desse seks brørne vart òg med, og vi gjekk inn i huset til mannen.
- <sup>13</sup> Han fortalde oss korleis han hadde sett ein engel som stod i huset hans og sa: 'Send bod til Jaffa etter Simon med tilnamnet Peter!
- <sup>14</sup> Han skal tala ord som skal bli til frelse for deg og heile ditt hus.'
- <sup>15</sup> Eg hadde ikkje før teke til å tala, så fall Den heilage ande på dei liksom på oss i den første tida.
- <sup>16</sup> Då kom eg i hug Herrens ord, at han sa: 'Johannes døypte med vatn, men de skal døypast med Den heilage ande.'
- <sup>17</sup> Når Gud har gjeve dei den same gåva som vi fekk då vi kom til tru på Herren Jesus Kristus, kven er då eg, at eg skulle hindra Gud?»
- <sup>18</sup> Då dei høyrde det, tagna dei. Og dei lova Gud og sa: «Så har då Gud late heidningane òg få venda om til livet!»

#### **Dei første kristne i Antiokia**

- <sup>19</sup> Dei som no hadde vorte spreidde omkring på grunn av den forfølginga som tok til med Stefanus, kom heilt til Fønikia, Kypros og Antiokia. Men dei tala ikkje Ordet til andre enn jødar.
- <sup>20</sup> Mellom dei var det nokre menn frå Kypros og Kyréne. Då dei kom til Antiokia, forkynte dei evangeliet om Herren Jesus for dei gresktalande òg.
- <sup>21</sup> Og Herrens hand var med dei. Svært mange kom til tru og vende om til Herren.
- <sup>22</sup> Ordet om det som hadde hendt, kom forsamlinga i Jerusalem for øyret, og dei sende Barnabas til Antiokia.
- <sup>23</sup> Då han kom dit og såg kor nådig Gud hadde vore, vart han glad, og han formana dei alle til å halda heilhjarta fast ved Herren.

<sup>24</sup>For han var ein god mann, fylt av Heilag Ande og tru. Og mange vart vunne for Herren.

<sup>25</sup>Sidan drog han til Tarsos for å leita opp Saulus,

<sup>26</sup>som han fann og tok med seg til Antiokia. Der var dei no eit heilt år saman i forsamlinga og underviste mange. Og der i Antiokia var det at læresveinane først gjekk under namnet «kristne».

<sup>27</sup>På den tid kom det nokre profetar frå Jerusalem til Antiokia.

<sup>28</sup>Ein av dei heitte Agabos, og han stod fram og varsla gjennom Anden at det skulle koma uår og svolt over heile verda. Det var det som hende då Claudius var keisar.

<sup>29</sup>Då vart læresveinane samde om at kvar av dei etter evne skulle vera med og senda hjelp til dei syskena som budde i Judea.

<sup>30</sup>Det gjorde dei, og dei sende gåva med Barnabas og Saulus til dei eldste.

## **Apostelgjerningane 12**

### **Ny forfølging**

<sup>1</sup>På den tid la kong Herodes hand på nokre i forsamlinga og mishandla dei.

<sup>2</sup>Han lét Jakob, bror til Johannes, bli avretta med sverd.

<sup>3</sup>Og då han såg at jødane lika dette, heldt han fram og lét gripa Peter òg. Det var i høgtida med usyra brød.

<sup>4</sup>Han kasta Peter i fengsel, og fire vaktskift, kvart på fire mann, skulle halda vakt over han. Så ville han føra han fram for folket etter påske.

<sup>5</sup>Peter vart no halden i fengselet. Men forsamlinga bad inderleg til Gud for han.

<sup>6</sup>Natta før Herodes hadde tenkt å føra han fram, låg Peter og sov mellom to soldatar. Han var bunden med to lenkjer, og utanfor døra stod det menn som heldt vakt over fengselet.



<sup>7</sup>Då med eitt stod ein engel frå Herren der, og det skein eit lys i rommet. Engelen dytta Peter i sida, vekte han og sa: «Skund deg og stå opp!» Med det same datt lenkjene av hendene hans,

<sup>8</sup>og engelen sa til han: «Bind beltet om deg og ta på deg sandalane!» Han så gjorde. Då sa engelen: «Kast kappia om deg og følg meg!»

<sup>9</sup>Peter følgde han ut. Men han skjøna ikkje at det engelen gjorde, var verkeleg; han trudde det var eit syn.

<sup>10</sup>Dei gjekk framom den første og den andre vakta og kom så til den jernporten som fører ut til byen. Porten opna seg av seg sjølv. Dei gjekk ut og heldt fram nedover den første gata. Der vart engelen brått borte for han.

<sup>11</sup>Då Peter fekk sansa seg, sa han: «No veit eg for visst at Herren har sendt engelen sin og fria meg ut av hendene på Herodes og frå alt det som jødefolket går og ventar på.»

<sup>12</sup>Så snart Peter vart klar over det, gjekk han til huset åt Maria, mor til Johannes med tilnamnet Markus. Der var mange samla og heldt bøn.

<sup>13</sup>Han banka på porten, og ei tenestejente som heitte Rode, kom for å lata opp.

<sup>14</sup>Ho kjende Peter att på røysta og vart så glad at ho gløymde å opna porten, men sprang inn og fortalde at Peter stod utanfor.

<sup>15</sup>«Du er frå vitet!» sa dei. Men ho heldt på sitt. Då sa dei: «Det er engelen hans.»

<sup>16</sup>Imedan heldt Peter på og banka. Så lét dei opp, og då dei fekk sjå han, vart dei frå seg av undring.

<sup>17</sup>Han gjorde teikn med handa at dei skulle vera stille, og fortalde korleis Herren hadde ført han ut or fengselet. Så sa han: «Lat Jakob og brørne få vita dette.» Dermed gjekk han ut og drog til ein annan stad.

<sup>18</sup>Då det tok til å dagast, vart det ikkje lite oppstyr mellom soldatane: Kva hadde hendt med Peter?

<sup>19</sup>Herodes leita etter han, men fann han ikkje. Så tok han vaktmennene i forhøyr og baud at dei skulle først bort og avrettast. Deretter fór han frå Judea ned til Cæsarea og vart verande der.

### **Herodes dør**

<sup>20</sup> Det hadde lenge vore fiendskap mellom Herodes og innbyggjarane i Tyros og Sidon. No vart folket der samde om å venda seg til han. Då dei hadde fått Blastos, kammerherren hos kongen, på si side, bad dei om fred, for landet deira var avhengig av forsyningar frå landområdet til kongen.

<sup>21</sup>På den fastsette dagen kledde Herodes seg i kongeleg skrud, sette seg på kongetribunen og tala til folket.

<sup>22</sup> Og folket hylla han og ropa: «Her er det ein gud som talar, ikkje eit menneske!»

<sup>23</sup> Med det same vart han slegen av ein engel frå Herren, fordi han ikkje gav Gud æra. Han vart oppeten av makk og døydde.

<sup>24</sup> Men Guds ord breidde seg ut og hadde framgang.

<sup>25</sup> Då Barnabas og Saulus hadde fullført tenesta i Jerusalem, drog dei tilbake. Og dei tok med seg Johannes som hadde tilnamnet Markus.

## **Apostelgjerningane 13**

### **Paulus på første misjonsreise**

*(Kap. 13–14)*

#### **Paulus og Barnabas blir utsende**

<sup>1</sup> I Antiokia, i forsamlinga som fanst der, var det nokre profetar og lærarar. Der var Barnabas og Simeon, som dei kalla Niger, Lukius frå Kyréne, Manaen, fosterbror til landsfyrsten Herodes, og Saulus.

<sup>2</sup> Ein gong medan dei feira gudsteneste for Herren og fasta, sa Den heilage ande: «Ta no ut Barnabas og Saulus for meg til den gjerning eg har kalla dei til.»

<sup>3</sup> Då heldt dei faste og bøn, la hendene på dei og lét dei fara.

### **På Kypros**





<sup>4</sup>Dei som såleis var utsende av Den heilage ande, drog først ned til Selevkia, og derifrå segla dei til Kypros.

<sup>5</sup> Då dei var komne til Salamis, forkynte dei Guds ord i dei jødiske synagogane. Dei hadde Johannes som medhjelpar.

<sup>6</sup>Dei reiste over heile øya og kom til Pafos. Der støytt dei på ein jødisk trollmann, ein falsk profet som heitte Barjesus.

<sup>7</sup>Han heldt til hos guvernøren Sergius Paulus, som var ein forstandig mann. Han bad Barnabas og Saulus til seg og ville høyra Guds ord.

<sup>8</sup>Men Elymas – trollmannen, som namnet hans tyder – stod dei imot og freista å få guvernøren bort frå trua.

<sup>9</sup>Då vart Saulus, som òg heitte Paulus, fylt av Den heilage ande. Han såg trollmannen i auga

<sup>10</sup> og sa: «Du djevelens son, full av allslags svik og vondskap og fiende av all rettferd! Skal du aldri halda opp med å gjera Herrens beine vegar krokete?

<sup>11</sup>Sjå, no legg Herren si hand på deg: Du skal vera blind ei tid og ikkje sjå sola.» I same stunda fall det skodde og mørker over han, og han famla rundt og leita etter nokon som kunne leia han.

<sup>12</sup>Då guvernøren såg det som hadde hendt, undra han seg storleg over Herrens lære og kom til tru.

#### **Paulus talar i Antiokia ved Pisidia**

<sup>13</sup> Så segla dei frå Pafos, Paulus og dei som var med han, og kom til Perge i Pamfylia. Der skilde Johannes lag med dei og drog tilbake til Jerusalem.

<sup>14</sup>Dei andre drog vidare frå Perge og kom til Antiokia ved Pisidia. På sabbatsdagen gjekk dei inn i synagogen og sette seg.

<sup>15</sup> Etter at det var lese frå lova og profetane, sende synagogeforstandarane helsing ned til dei med desse orda: «Brør, har de eit ord som kan vera til oppmuntring for folket, så tal!»

- 16** Då reiste Paulus seg, gav teikn med handa og sa: «Israelittar og de andre som ottast Gud, høyr på meg!
- 17** Han som er Gud for Israelfolket, valde ut fedrane våre. Han gjorde dei til eit stort folk då dei var innflyttarar i Egypt, og med lyft arm førte han dei ut derifrå.
- 18** I om lag førti år bar han over med dei i øydemarka.
- 19** Han rydda ut sju folk i Kanaan og lét dei få landet deira til odell og eige.
- 20** Det gjekk om lag 450 år. Sidan gav han dei dommarar. Den siste av dei var profeten Samuel.
- 21** Så bad dei om ein konge, og Gud gav dei Saul, son til Kisj, ein mann av Benjamin-stammen, og han var konge i førti år.
- 22** Men Gud avsette han og reiste opp David til konge over dei. Han fekk dette vitnemålet av Gud: ‘Eg har funne David, son til Isai, ein mann etter mitt hjarte. Han skal gjera alt det eg vil.’
- 23** Av hans etterkomarar lét Gud ein frelsar for Israel stiga fram, så som han hadde lova. Det er Jesus.
- 24** Før han kom, hadde Johannes forkynt omvendingsdåp for heile Israelfolket.
- 25** Og då Johannes fullførte livsløpet sitt, sa han: ‘Eg er ikkje den de held meg for å vera. Men etter meg kjem ein, og eg er ikkje verdig til å løysa sandalen av foten hans.’
- 26** Brør, de som er av Abrahams ætt, og de andre som ottast Gud, det var til oss ordet om denne frelsa vart sendt.
- 27** For dei kjende han ikkje, folket i Jerusalem og leiarane deira. Men dei dømde han, og med det oppfylte dei profetorda som blir lesne opp kvar sabbat.
- 28** Sjølv om dei ikkje fann noko som dei kunne dømme han til døden for, kravde dei at Pilatus skulle drepa han.

**29** Og då dei hadde fullført alt det som er skrive om han, tok dei han ned frå treet og la han i ei grav.

**30** Men Gud reiste han opp frå dei døde,

**31** og i mange dagar synte han seg for dei som hadde gått saman med han frå Galilea og opp til Jerusalem, desse som no er hans vitne for folket.

**32** Og no kjem vi til dykk med den gode budskapet, at den lovnaden som vart gjeven til fedrane våre,

**33** den har Gud oppfylt for oss, borna deira, då han reiste opp Jesus. Så står det òg skrive i den andre salmen: Du er Son min, eg har fødd deg i dag.

**34** Men at Gud reiste han opp frå dei døde så han aldri meir skal gå til grunne, det har han sagt med desse orda: Eg vil la dykk få lovnadene til David, dei som står fast.

**35** Og ein annan stad seier han: Du skal ikkje la din Heilage sjå forrøtning.

**36** David var i si levetid ein tenar for Guds plan. Så døydde han og vart sameina med fedrane sine, og han såg forrøtning.

**37** Men han som Gud reiste opp, såg ikkje forrøtning.

**38** Så skal de då vita, brør, at ved han blir det forkynt dykk tilgjeving for syndene. Alt det som de ikkje kunne bli frikjende for ved Moselova,

**39** det blir kvar den som trur, frikjend for ved han.

**40** Ta dykk i vare så ikkje det som er sagt av profetane, skal koma over dykk:

**41** Sjå, de som er fulle av forakt, de skal undra dykk og bli til inkjes. For eit verk gjer eg i dykkar dagar, eit verk som de ikkje ville tru om det vart dykk fortalt.»

**42** Då dei gjekk ut, bad folk dei tala om dette neste sabbat òg.

**43** Og då forsamlinga løyste seg opp, var det mange som følgde dei, både jødar og gudfryktige proselyttar. Og Paulus og Barnabas tala med dei og la dei på hjartet at dei måtte halda fast ved Guds nåde.

- <sup>44</sup>Den neste sabbaten strøymde mest heile byen til og ville høyra Herrens ord.
- <sup>45</sup>Men då jødane såg alt folket, vart dei brennande harme. Dei spotta og sa imot det Paulus forkynte.
- <sup>46</sup> Då svara Paulus og Barnabas med frimod: «Det var nødvendig at Guds ord først vart forkynt for dykk. Men sidan de viser det frå dykk og ikkje held dykk verdige til det evige livet, så vender vi oss til heidningane.
- <sup>47</sup> For dette er Herrens bod til oss: Eg har gjort deg til eit lys for folkeslag, så du skal bera frelse til enden av verda.»
- <sup>48</sup> Då heidningane høyrde det, vart dei glade og prisa Herrens ord, og dei kom til tru, alle dei som var bestemte til evig liv.
- <sup>49</sup>Og Herrens ord breidde seg ut over heile landet.
- <sup>50</sup> Men jødane øste opp dei gudfryktige kvinnene av høg byrd og dei leiande mennene i byen, så dei fekk i gang ei forfølging av Paulus og Barnabas, og dei vart jaga bort frå området.
- <sup>51</sup> Då riste dei støvet av føtene mot forføljarane og fór til Ikonium.
- <sup>52</sup>Men læresveinane vart fylte av glede og av Den heilage ande.

## Apostelgjerningane 14

### I Ikonium

- <sup>1</sup>Også i Ikonium gjekk dei inn i den jødiske synagogen, og dei tala slik at ei stor mengd kom til tru, både jødar og grekarar.
- <sup>2</sup>Men dei jødane som ikkje ville tru, eggja opp heidningane og sette dei opp mot brørne.
- <sup>3</sup>Likevel vart dei verande der ei tid og tala med frimod i tillit til Herren, og han vitna for sitt nådeord med teikn og under som han gav dei makt til å gjera.
- <sup>4</sup>Folket i byen delte seg. Somme heldt med jødane, somme med apostlane.

<sup>5</sup> Men då dei skjøna at både heidningane og jødane med styresmennene sine hadde tenkt å mishandla dei og steina dei,

<sup>6</sup> rømde dei til Lykaonia, til byane Lystra og Derbe og landet der omkring.

<sup>7</sup> Der forkynte dei evangeliet.

### I Lystra

<sup>8</sup> I Lystra var det ein mann som var utan kraft i føtene. Han hadde vore lam heilt frå mors liv og hadde aldri gått.

<sup>9</sup> Denne mannen sat og hørde Paulus tala. Paulus såg han rett inn i auga, og då han skjøna at mannen hadde tru så han kunne bli lækt,

<sup>10</sup> sa han med høg røyst: «Reis deg og stå på føtene dine!» Då sprang han opp og gjekk omkring.

<sup>11</sup> Då folket såg kva Paulus hadde gjort, sette dei i å ropa på lykaonisk: «Gudane har vorte lik menneske og stige ned til oss!»

<sup>12</sup> Og dei kalla Barnabas for Zevs og Paulus for Hermes, sidan det var han som førte ordet.

<sup>13</sup> Presten i Zevs-tempelet tett utanfor byen kom til byporten med oksar og blomekransar og ville ofra saman med folket.

<sup>14</sup> Men då apostlane Barnabas og Paulus hørde det, reiv dei sund kappene sine, sprang ut til folkemengda

<sup>15</sup> og ropa: «Kva er det de gjer? Vi er då vanlege menneske, akkurat som de! Vi forkynner dykk evangeliet, at de må venda om frå desse maktlause avgudane til den levande Gud, han som skapte himmelen og jorda og havet og alt som er i dei.

<sup>16</sup> I tidlegare tider lét han nok alle folkeslag gå sine egne vegar.

<sup>17</sup> Og likevel lét han dei ikkje vera utan vitnemål om seg, for han gjorde velgjerningar. Frå himmelen sende han regn og gav grøde i rett tid, han gav dykk føde og fylte hjarta dykkar med glede.»

<sup>18</sup> Med desse orda greidde dei så vidt det var å hindra at folket ofra til dei.

<sup>19</sup> Men så kom det nokre jødar dit frå Antiokia og Ikonium. Dei fekk folket med seg, og dei steina Paulus. Dei drog han utanfor byen, for dei trudde han var død.

<sup>20</sup> Men då læresveinane slo ring om han, reiste han seg opp og gjekk inn i byen. Dagen etter drog han ut til Derbe saman med Barnabas.

### **Tilbake til Antiokia i Syria**

<sup>21</sup> Dei forkynte evangeliet der i byen og vann mange læresveinar. Så reiste dei tilbake til Lystra og Ikonium og derifrå til Antiokia.

<sup>22</sup> Dei styrkte læresveinane og formana dei til å halda fast ved trua og sa: «Vi må gå inn i Guds rike gjennom mange trengsler.»

<sup>23</sup> I kvar forsamling valde dei ut eldste og gav dei med bøn og faste over til Herren, han som dei var komne til tru på.

<sup>24</sup> Så drog dei gjennom Pisidia og kom til Pamfylia.

<sup>25</sup> Dei forkynte Ordet i Perge og fór så ned til Attalia.

<sup>26</sup> Derifrå segla dei til Antiokia, den staden der dei hadde vorte overgjevne til Guds nåde for å gjera det verket dei no hadde fullført.

<sup>27</sup> Då dei kom dit, kalla dei saman forsamlinga og fortalde om kor store ting Gud hadde gjort gjennom dei, og at han hadde opna ei dør til tru for heidningane.

<sup>28</sup> Her vart dei verande ei god stund hos læresveinane.

## **Apostelgjerningane 15**

### **Møtet i Jerusalem**

<sup>1</sup> Så kom det nokre ned frå Judea og tok til å undervisa brørne: «Dersom de ikkje følgjer skikken frå Moses og lèt dykk omskjera, kan de ikkje bli frelste.»

<sup>2</sup> Paulus og Barnabas kom i strid med dei, og det vart eit hardt ordskifte. Då vart det vedteke at Paulus og Barnabas og nokre av dei andre skulle fara opp til Jerusalem og leggja spørsmålet fram for apostlane og dei eldste.

<sup>3</sup>Forsamlinga sende dei av stad, og dei drog gjennom Fønikia og Samaria. Til stor glede for alle dei syskena som var der, fortalde dei korleis heidningane hadde vendt om.

<sup>4</sup>Då dei kom fram til Jerusalem, vart dei mottekne av forsamlinga, apostlane og dei eldste, og dei fortalde om kor store ting Gud hadde gjort gjennom dei.

<sup>5</sup>Då reiste det seg nokre frå farisearflokken som hadde kome til trua, og sa: «Dei må omskjerast og påleggjast å halda Moselova.»

<sup>6</sup>Apostlane og dei eldste kom då saman for å drøfta denne saka.

<sup>7</sup>Det vart eit hardt ordskifte. Då reiste Peter seg og sa til dei: «Brør, de veit at Gud for lenge sidan valde ut meg mellom dykk; han ville at heidningane skulle få høyra evangelieordet av min munn og koma til tru.

<sup>8</sup>Og Gud, som kjenner alle hjarte, vitna for dei då dei fekk Den heilage ande liksom vi.

<sup>9</sup>Han gjorde ingen forskjell på oss og dei, for ved trua reinsa han hjarta deira.

<sup>10</sup>Kvifor vil de då utfordra Gud og leggja på nakken til læresveinane eit åk som verken fedrane våre eller vi var i stand til å bera?

<sup>11</sup>Nei, det er ved Herren Jesu nåde vi trur at vi blir frelste, vi liksom dei.»

<sup>12</sup>Då vart heile flokken stille, og dei høyrde Barnabas og Paulus fortelja om alle dei teikn og under som Gud gjennom dei hadde gjort blant heidningane.

<sup>13</sup>Då dei var ferdige med å tala, tok Jakob til orde og sa: «Brør, høyr på meg!

<sup>14</sup>Simeon har gjort det klårt korleis Gud frå først av sørgde for å vinna seg eit folk av heidningar for sitt namn.

<sup>15</sup>Og dette er i samsvar med det profetane har sagt, som skrive står:

<sup>16</sup>Sidan vil eg koma att og gjenreisa Davids falne hytte. Det nedrivne byggjer eg opp; eg reiser det på nytt,

<sup>17</sup>så dei andre menneska kan søkja Herren, alle folkeslaga som namnet mitt er nemnt over. Så seier Herren, som gjer dette

<sup>18</sup> kjent frå æve av.

<sup>19</sup>Difor meiner eg at vi ikkje skal laga vanskar for dei heidningane som vender om til Gud.

<sup>20</sup> Men vi skal skriva til dei at dei skal halda seg frå det som er smitta av avgudsdyrking, og frå hor, frå kjøt av kvelte dyr og frå blod.

<sup>21</sup> For Moses har frå gammalt av hatt nokon som forkynner han i alle byar; kvar sabbat blir han opplesen i synagogane.»

<sup>22</sup> Då vedtok apostlane og dei eldste, saman med heile forsamlinga, å velja ut nokre menn og senda dei til Antiokia i lag med Paulus og Barnabas. Dei valde Judas, som vart kalla Barsabbas, og Silas, begge leiarar mellom brørne.

<sup>23</sup> Dei fekk med seg dette brevet: «Apostlane og dei eldste, brørne dykkar, helsar dei syskena som er av heidningætt i Antiokia, Syria og Kilikia.

<sup>24</sup> Vi har fått høyra at nokre som kom frå oss, har gjort dykk rådville og urolege med orda sine. Frå oss har dei inga fullmakt.

<sup>25</sup> Difor vart vi samde om å velja nokre menn og senda dei til dykk saman med våre kjære brør Barnabas og Paulus,

<sup>26</sup> menn som har våga livet for vår Herre Jesu Kristi namn.

<sup>27</sup> Så sender vi Judas og Silas. Dei skal munnleg bera fram det same.

<sup>28</sup> For Den heilige ande og vi har vedteke at det ikkje skal leggjast på dykk noka anna bør enn dette som er nødvendig:

<sup>29</sup> at de held dykk frå kjøt ofra til avgudar, frå blod, frå kjøt av kvelte dyr og frå hor. Tek de dykk i vare for slikt, kjem det til å gå dykk godt. Lev vel!»

<sup>30</sup> Utsendingane drog ned til Antiokia. Der samla dei alle og gav dei brevet.

<sup>31</sup> Dei las det opp og vart glade for den trøysta det gav.

<sup>32</sup> Judas og Silas, som sjølv var profetar, tala lenge til syskena der og sette mot i dei og styrkte dei.



<sup>33</sup>Då dei hadde vore der ei tid, lét syskena dei fara heim att til dei som hadde sendt dei, med ønske om fred.

<sup>34</sup>{{Men Silas ville vera att.}}

<sup>35</sup>Paulus og Barnabas gav seg til i Antiokia og underviste og forkynte Herrens ord saman med mange andre.

### **Paulus på andre misjonsreise**

(15,36–18,22)

#### **Paulus og Barnabas skil lag**

<sup>36</sup>Etter ei tid sa Paulus til Barnabas: «Lat oss fara attende og vitja våre sysken i alle dei byane der vi har forkynt Herrens ord, og sjå korleis det går dei.»

<sup>37</sup> Barnabas ville òg ta med Johannes, han som dei kalla Markus.

<sup>38</sup> Men Paulus fann det ikkje rett å ta han med, han som hadde skilt lag med dei i Pamfylia og ikkje hadde følgd dei i arbeidet deira.

<sup>39</sup>Det vart ein så bitter strid mellom dei at dei skilde lag. Barnabas tok Markus med seg og segla til Kypros.

<sup>40</sup> Men Paulus valde å ta med Silas, og då brørne hadde gjeve han over til Herrens nåde, drog han av stad.

<sup>41</sup>Han la vegen gjennom Syria og Kilikia og styrkte forsamlingane der.

## **Apostelgjerningane 16**

### **Timoteus**

<sup>1</sup> Han kom òg til Derbe og Lystra. Der var det ein læresvein som heitte Timoteus. Han var son til ei truande jødisk kvinne, og faren var grekar.

<sup>2</sup>Dei syskena som var i Lystra og Ikonium, hadde berre godt å seia om han.

<sup>3</sup>Han ville Paulus ha med seg på ferda, og han tok og omskar han av omsyn til jødane som budde i dei traktene, for alle visste at far hans var grekar.

<sup>4</sup>Som dei drog frå by til by, overleverte dei forskriftene som apostlane og dei eldste i Jerusalem hadde vedteke, med påbod om å retta seg etter dei.

<sup>5</sup>No vart forsamlingane styrkte i trua og auka i tal dag for dag.

### Paulus blir kalla til Makedonia

<sup>6</sup>Sidan fór dei gjennom det frygiske og galatiske området, for Den heilage ande hindra dei i å forkynna Ordet i Asia.

<sup>7</sup>Då dei var komne nesten til Mysia, freista dei å fara til Bitynia, men Jesu Ande gav dei ikkje lov.

<sup>8</sup>Så drog dei gjennom Mysia og kom ned til Troas.

<sup>9</sup>Om natta hadde Paulus eit syn. Han såg ein makedonar som stod og kalla på han og bad: «Kom over til Makedonia og hjelp oss!»

<sup>10</sup> Då han hadde hatt dette synet, prøvde vi straks å fara til Makedonia, for vi skjønna at Gud hadde kalla oss til å forkynna evangeliet der.

### I Filippi

<sup>11</sup>Vi la ut frå Troas og segla beint til Samotrake, og dagen etter kom vi til Neapolis.

<sup>12</sup> Derifrå drog vi til Filippi, ein by som ligg i det første distriktet i Makedonia og er ein romersk koloni. Vi vart verande nokre dagar der i byen.

<sup>13</sup>På sabbatsdagen gjekk vi utanfor byporten, bort til ei elv der vi meinte det var ein bønestad. Og vi sette oss og tala til dei kvinnene som var komne saman.

<sup>14</sup> Der var det ei kvinne frå Tyatira som heitte Lydia og handla med purpurtøy. Ho var ei av dei som dyrka Gud. Ho hørde på oss, og Herren opna hjartet hennar så ho tok til seg det Paulus sa.

<sup>15</sup>Då ho og heile huslyden hennar var døypte, bad ho oss til seg og sa: «Så sant de held meg for ei kvinne som trur på Herren, så kom heim til meg og bli der.» Og ho overtala oss til det.

### Paulus og Silas i fengsel

<sup>16</sup>Ein dag vi var på veg til bønestaden, møtte vi ei slavekvinne som hadde ei spådomsånd i seg, og med spådomsord tente ho mange pengar til dei som eigde henne.

- <sup>17</sup> Ho følgde etter Paulus og oss andre og ropa: «Desse mennene er tenarar for Gud, Den høgste, og dei lærer dykk vegen til frelse.»
- <sup>18</sup> Dette heldt ho på med i mange dagar. Til slutt vart Paulus harm. Han snudde seg og sa til ånda: «Eg byd deg i Jesu Kristi namn: Far ut or henne!» Og ho fór ut i same stunda.
- <sup>19</sup> Men då eigarane skjøna at det ikkje var von om å tena meir pengar på henne, greip dei Paulus og Silas og drog dei med seg til styresmaktene på torget.
- <sup>20</sup> Dei førte dei fram for dei romerske dommarane i byen og sa: «Desse mennene skaper uro i byen vår. Dei er jødar
- <sup>21</sup> og lærer oss skikkar som vi ikkje har lov til å ta opp eller følgja, vi som er romerske borgarar.»
- <sup>22</sup> Folkehopen òg gjekk til åtak på dei. Dommarane reiv kledda av dei og baud at dei skulle piskast.
- <sup>23</sup> Dei fekk mange slag og vart sette i fengsel, og fangevaktaren fekk påbod om å vakta dei vel.
- <sup>24</sup> Då han hadde fått dette påbodet, sette han dei inn i det inste fangeholet og låste føtene deira fast i blokka.
- <sup>25</sup> Ved midnattstider heldt Paulus og Silas bøn og song lovsongar til Gud, og fangane høyrde på.
- <sup>26</sup> Brått kom det eit sterkt jordskjelv, så grunnvollen til fengselet riste. Med ein gong sprang alle dørene opp, og lenkjene losna av alle fangane.
- <sup>27</sup> Fangevaktaren fór opp av søvnen, og då han såg at fengselsdørene stod opne, drog han sverdet og ville drepa seg, for han trudde fangane hadde rømt.
- <sup>28</sup> Men Paulus ropa med høg røyst: «Gjer deg ikkje noko vondt! Vi er her alle.»
- <sup>29</sup> Då bad han om lys og sprang inn og kasta seg skjelvande ned for Paulus og Silas.

**30** Og han leidde dei ut og sa: «Gode herrar! Kva skal eg gjera så eg kan bli frelst?»

**31** Dei svara: «Tru på Herren Jesus, så skal du bli frelst, både du og huslyden din.»

**32** Så tala dei Herrens ord til han og alle i huset hans.

**33** Og i denne seine nattetimen tok han dei med seg og vaska såra deira. Straks etter vart han døypt med alle sine.

**34** Sidan tok han dei med seg heim og gav dei mat, og han var hjarteglad fordi han og heile husstanden hans var komne til tru på Gud.

**35** Då det vart dag, sende dommarane bod med rettstenarane: «Slepp desse mennene fri!»

**36** Fangevaktaren melde det til Paulus og sa: «Dommarane har sendt bod om at de skal sleppast fri. Kom no ut og far bort i fred!»

**37** Men Paulus sa til dei: «Endå vi er romerske borgarar, har dei utan lov og dom piska oss for auga på alle og kasta oss i fengsel. Og no vil dei jaga oss bort i løynd. Nei, dei får koma sjølve og føra oss ut!»

**38** Rettstenarane bar dette svaret tilbake til dommarane, og då dei høyrde at dei var romerske borgarar, vart dei redde.

**39** Dei kom og bad om orsaking og følgde dei ut og bad dei fara bort frå byen.

**40** Då dei var komne ut av fengselet, gjekk dei heim til Lydia. Der møtte dei syskena og sette mot i dei. Så drog dei av stad.

## **Apostelgjerningane 17**

### **Uro i Tessalonika**

**1** Dei la vegen gjennom Amfipolis og Apollonia og kom til Tessalonika. Der hadde jødane ein synagoge.

**2** Paulus gjekk dit, som han var van med. Tre sabbatsdagar hadde han samtalar med dei ut frå skriftene.

<sup>3</sup> Han forklara og la ut for dei at Messias måtte lida og stå opp frå dei døde. Han sa: «Jesus, han som eg forkynner for dykk, han er Messias.»

<sup>4</sup> Nokre av dei vart overtydde og gav seg i lag med Paulus og Silas. Det same gjorde ein stor flokk grekarar av dei som dyrka Gud, og ikkje få av dei fremste kvinnene.

<sup>5</sup> Då vart jødane brennande harme, og dei fekk med seg nokre tvilsame karar av dei som gjekk og slong på torget, og laga eit oppløp som sette heile byen på ende. Dei storma mot huset til Jason og leita etter dei og ville føra dei ut til folket.

<sup>6</sup> Men då dei ikkje fann dei, drog dei Jason og nokre av brørne med seg til styresmennene i byen og ropa: «No er dei komne hit òg, desse som har sett heile verda i opprør,

<sup>7</sup> og Jason har teke imot dei! Dei gjer alle tvert imot påboda frå keisaren og seier at ein annan, ein som heiter Jesus, er konge.»

<sup>8</sup> Då folket og styresmennene hørde det, vart dei skremde,

<sup>9</sup> og Jason og dei andre fekk ikkje gå før dei hadde gjeve ein pengesum i pant.

#### **Til Berøa**

<sup>10</sup> Så snart det vart natt, sende brørne Paulus og Silas av stad til Berøa. Då dei kom dit, gjekk dei bort i den jødiske synagogen.

<sup>11</sup> Jødane der hadde eit edlare sinnelag enn dei i Tessalonika. Dei tok imot Ordet med all godvilje og granska dagleg skriftene og såg etter om alt stemde.

<sup>12</sup> Mange av dei kom då til tru, og det same gjorde ein del framstående greske kvinner og mange greske menn.

<sup>13</sup> Men då jødane i Tessalonika fekk høyra at Paulus forkynte Guds ord i Berøa òg, kom dei dit med og øste opp folk og skremde dei.

<sup>14</sup> Då sende brørne Paulus av stad med ein gong; han skulle fara ned til kysten. Men Silas og Timoteus vart att.



<sup>15</sup>Dei som følgde Paulus, førte han heilt til Aten og fór så heim att med bod til Silas og Timoteus at dei skulle koma til han så snart dei kunne.

### Paulus talar i Aten

<sup>16</sup>Medan Paulus venta på dei i Aten, vart han opprørt då han såg at byen var overfylt med gudebilete.

<sup>17</sup>I synagogen hadde han samtalar med jødane og med dei som dyrka Gud, og på torget tala han kvar dag med dei han møtte.

<sup>18</sup>Nokre epikureiske og stoiske filosofar gav seg i ordskifte med han, og somme sa: «Kva kan han vel meina, denne pratmakaren?» Andre sa: «Han er visst ein som forkynner framande gudar.» Det var fordi han forkyste evangeliet om Jesus og oppstoda.

<sup>19</sup>Så tok dei han med seg og førte han til Areopagos og sa: «Kan vi få vita kva slags ny lære du kjem med?

<sup>20</sup>For det er underlege ting du lèt oss få høyra. Difor vil vi gjerne vita kva dette er for noko.»

<sup>21</sup>For verken atenarane sjølve eller utlendingane som bur der, bruker tida si til anna enn å fortelja og spørja nytt.

<sup>22</sup>Då steig Paulus fram for Areopagosrådet og sa: «Atenske menn! Eg ser at de på alle måtar er svært religiøse.

<sup>23</sup>For då eg gjekk omkring og såg på heilagdomane dykkar, fann eg eit altar der det stod skrive: 'For ein ukjend Gud'. Det som de tilbed utan å kjenna, er det eg forkynner dykk.

<sup>24</sup> Gud som har skapt verda og alt som i henne er, han som er herre over himmel og jord, han bur ikkje i tempel som er bygde med hender,

<sup>25</sup> og lèt seg ikkje tena av menneskehender, som om han skulle trenga noko, han som gjev liv og ande, ja, alt til alle.

<sup>26</sup>Av eitt menneske har han skapt alle folkeslag, han lét dei busetja seg over heile jorda, og han sette faste tider for dei og grenser mellom bustadene deira.

<sup>27</sup> Det gjorde han for at dei skulle søkja Gud, om det kunne lukkast for dei å leita seg fram til han og finna han. Han er då ikkje langt borte frå ein einaste ein av oss.

<sup>28</sup> For i han er det vi lever og rører oss og er til, som òg nokre av dykkar eigne diktarar har sagt: 'For vi er hans slekt.'

<sup>29</sup> Er vi då Guds slekt, må vi ikkje tru at guddomen liknar eit bilete av gull eller sølv eller stein som menneskekunst eller mennesketanke har forma.

<sup>30</sup> Gud har bore over med dei tidene då folk var uvitande. Men no byd han at alle menneske, kvar dei så er, skal venda om.

<sup>31</sup> For han har fastsett ein dag då han vil dømme verda med rettferd, og til det har han innsett ein mann. Det har han stadfest for alle med å reisa han opp frå dei døde.»

<sup>32</sup> Men då dei høyrde om oppstoda frå dei døde, var det somme som spotta, men andre sa: «Vi høyrer deg gjerne tala meir om dette ein annan gong.»

<sup>33</sup> Så gjekk Paulus frå dei.

<sup>34</sup> Men det var nokre som heldt seg til han og kom til tru. Mellom dei var Dionysios frå Areopagosrådet og ei kvinne som heitte Damaris, og nokre andre.

## **Apostelgjerningane 18**

### **Paulus i Korint**

<sup>1</sup> Sidan tok Paulus ut frå Aten og drog til Korint.

<sup>2</sup> Der trefte han ein jøde som heitte Akvilas og var fødd i Pontos. Saman med Priskilla, kona si, var han nyleg komen frå Italia, fordi keisar Claudius hadde gjeve påbod om at alle jødar skulle forlata Roma. Paulus tok inn hos dei,

<sup>3</sup>og sidan dei dreiv same handverket – dei var teltmakarar – vart han buande der og arbeidde i lag med dei.

<sup>4</sup>Men kvar sabbat tala han med folk i synagogen og overtydde både jødar og grekarar.

<sup>5</sup>Då Silas og Timoteus kom ned frå Makedonia, vigde Paulus seg heilt til forkynninga og vitna for jødane at Jesus var Messias.

<sup>6</sup>Men dei sette seg imot og spotta. Då riste han støvet av kleda sine og sa til dei: «Blodet dykkar skal koma over dykkar eige hovud. Eg er utan skuld. Frå no av går eg til heidningane.»

<sup>7</sup>Så gjekk han derifrå og kom heim til Titius Justus, ein mann som dyrka Gud. Huset hans låg vegg i vegg med synagogen.

<sup>8</sup>Synagogeforstandaren Krispus kom til tru på Herren saman med heile huslyden sin, og mange andre korintarar som hørde Paulus, trudde og vart døypte.

<sup>9</sup>Ei natt sa Herren til Paulus i eit syn: «Ver ikkje redd! Du skal ikkje teia, men tala!

<sup>10</sup>Eg er med deg, og ingen skal røra deg eller gjera deg noko vondt, for eg har mykje folk i denne byen.»

<sup>11</sup>Så vart han buande der i eitt år og seks månader og lærte dei Guds ord.

<sup>12</sup>Medan Gallio var guvernør i Akaia, slo jødane seg saman mot Paulus og drog han fram for domstolen.

<sup>13</sup>«Denne mannen», sa dei, «lokkar folk til å dyrka Gud på ein måte som er i strid med lova.»

<sup>14</sup>Paulus fekk ikkje opna munnen før Gallio sa til jødane: «Hadde det vore eit brotsverk eller ein kjeltringstrek det gjaldt, då hadde eg hatt grunn til å høyra med tolmod på dykk, jødar.

<sup>15</sup>Men er det strid om ord og namn og dykkar eiga lov, så får de greia opp med det sjølve. Eg vil ikkje vera dommar i slike saker.»



<sup>16</sup>Dermed jaga han dei bort frå domstolen.

<sup>17</sup>Då tok alle fatt i synagogeforstandaren Sostenes og banka han opp midt framfor dommarsetet. Men Gallio brydde seg ikkje det minste om det.

### **Tilbake til Syria**

<sup>18</sup> Endå ei tid vart Paulus verande der. Så sa han farvel til brørne og segla til Syria saman med Priskilla og Akvilas. Men først klipte han håret i Kenkrea, for han hadde bunde seg med ein lovnad.

<sup>19</sup> Då dei kom til Efesos, skilde Paulus lag med dei andre. Han gjekk til synagogen og gav seg i samtale med jødane.

<sup>20</sup> Dei bad han vera lenger. Han avslø,

<sup>21</sup> men då han tok avskil, sa han: «Eg kjem til dykk ein annan gong, om Gud vil.» Så segla han ut frå Efesos.

<sup>22</sup> Då han kom til Cæsarea, gjekk han opp til Jerusalem og helsa på forsamlinga. Så fór han ned til Antiokia.

### **Paulus på tredje misjonsreise**

*(18,23–21,16)*

<sup>23</sup> Der vart han verande ei tid og tok så ut att. Han drog frå stad til stad gjennom Galatia-området og Frygia og styrkte alle læresveinane.

### **Apollos**

<sup>24</sup> Ein jøde som heitte Apollos, og som ætta frå Aleksandria, kom no til Efesos. Han hadde ordet i si makt og var vel kjend i skriftene.

<sup>25</sup> Apollos hadde fått opplæring om Herrens veg. Han forkynte med stor glød og underviste nøye om Jesus, endå han berre kjende Johannes-dåpen.

<sup>26</sup> Han tok til å tala med frimod i synagogen. Der fekk Priskilla og Akvilas høyra han. Dei tok seg av han og gav han grundigare kjennskap til Guds veg.

<sup>27</sup> Sidan ønskte han å fara over til Akaia, og brørne oppmuntra han til det. Dei skreiv til læresveinane der at dei måtte ta vel imot han. Då han kom dit, vart han ved Guds nåde til stor hjelp for dei som hadde kome til tru.

<sup>28</sup> For med stor kraft sette han jødane på plass når han i ope ordskifte viste ut frå skriftene at Jesus var Messias.

## Apostelgjerningane 19

### Paulus i Efesos

<sup>1</sup> Medan Apollos var i Korint, drog Paulus gjennom innlandet og kom til Efesos. Der møtte han nokre læresveinar

<sup>2</sup> og spurde dei: «Fekk de Den heilage ande då de kom til tru?» Dei svara: «Vi har ikkje eingong høyrte at det er nokon Heilag Ande.»

<sup>3</sup> «Kva dåp vart de då døypte med?» spurde han. «Med Johannes-dåpen», svara dei.

<sup>4</sup> Då sa Paulus: «Johannes døypte med ein dåp til omvending. Han sa til folket at dei skulle tru på den som kom etter han, det er Jesus.»

<sup>5</sup> Då dei høyrde det, lét dei seg døypa til Herren Jesu namn.

<sup>6</sup> Og då Paulus la hendene på dei, kom Den heilage ande over dei. Dei tala i tunger, og dei tala profetisk.

<sup>7</sup> Det var om lag tolv menn i alt.

<sup>8</sup> Sidan gjekk han til synagogen, og der tala han med stort frimod i tre månader. Han samtala med folk og overtyste dei om det som høyrer Guds rike til.

<sup>9</sup> Men det var nokre som gjorde seg harde og ikkje ville tru. Dei tala vondt om Vegen så alle høyrde på. Då braut Paulus med dei og tok læresveinane med. Sidan hadde han kvar dag samtalar i skulen til Tyrannos.

<sup>10</sup> Dette heldt han fram med i to år, så alle som budde i Asia, både jødar og grekarar, fekk høyra Herrens ord.

### Dei sju sønene til Skevas

<sup>11</sup> Gud gjorde uvanlege under gjennom Paulus.

<sup>12</sup> Det hende til og med at folk tok lommeplagg og arbeidsklede som han hadde brukt, og la på dei sjuke. Då sleppte sjukdomen taket, og dei vonde åndene fór ut.

<sup>13</sup>Nokre jødar som reiste omkring og dreiv med åndemaning, freista òg å seia fram Herren Jesu namn over dei som hadde vonde ånder i seg, og sa: «Eg byr dykk ved den Jesus som Paulus forkynner.»

<sup>14</sup>Skevas, ein jødisk overprest, hadde sju søner som dreiv på med dette.

<sup>15</sup>Men den vonde ånda svara dei: «Jesus kjenner eg, og Paulus veit eg om. Men kven er de?»

<sup>16</sup>Og mannen som hadde den vonde ånda i seg, flaug på dei, overmanna dei alle og skamfór dei, så dei måtte rømme ut or huset, nakne og såra.

<sup>17</sup>Dette vart kjent for alle som budde i Efesos, både jødar og grekarar. Det kom redsle over dei alle, og Herren Jesu namn vart lovprisa.

<sup>18</sup>Mange av dei truande kom og skrifta og fortalde kva dei hadde gjort.

<sup>19</sup> Og mange av dei som hadde fare med svartekunster, kom med bøkene sine og brende dei for auga på alle. Dei rekna ut kva bøkene var verde, og kom til at det var 50 000 sølvpenngar.

<sup>20</sup> Såleis breidde Ordet seg ut og fekk stor framgang ved Herrens makt.

<sup>21</sup> Då alt dette var fullført, sette Paulus seg føre å dra gjennom Makedonia og Akaia og heilt til Jerusalem. Og han sa: «Når eg har vore der, må eg reisa til Roma òg.»

<sup>22</sup> Så sende han Timoteus og Erastos, to av dei som stod i tenesta saman med han, til Makedonia. Sjølv vart han verande endå ei tid i Asia.

### **Uro i Efesos**

<sup>23</sup> På den tida vart det ei stor uro om Vegen.

<sup>24</sup> Ein sølvsmed som heitte Demetrios, laga Artemis-tempel av sølv og hjelpte handverkarane til god inntekt.

<sup>25</sup>Ein dag kalla han saman både dei og arbeidarane som dreiv med dette, og sa: «Godt folk! De veit at velstanden vår kjem frå dette arbeidet.

<sup>26</sup> Men no kan de både sjå og høyra korleis denne Paulus overtalar menneske i store mengder og fører dei vill, ikkje berre her i Efesos, men i mest heile Asia. Han seier at gudar som er laga av menneskehender, ikkje er gudar.

<sup>27</sup>Det er fare for at yrket vårt får dårleg ord på seg, men verre er det at tempelet til Artemis, den store gudinna vår, kan bli rekna for ingen ting, og at ho som heile Asia, ja, heile verda dyrkar, kan koma til å mista sitt velde.»

<sup>28</sup>Då dei høyrde det, vart dei rasande og ropa: «Stor er efesargudinna Artemis!»

<sup>29</sup> Uroa breidde seg over heile byen, og alle som ein storma av stad til teateret og drog med seg Gaius og Aristarkos, to makedonarar som hadde følgt Paulus på reisa.

<sup>30</sup>Paulus ville gå inn i folkehopen, men læresveinane hindra han.

<sup>31</sup>Nokre av dei høgste embetsmennene i provinsen, som var mellom venene hans, sende òg bod til han at han ikkje måtte våga seg inn i teateret.

<sup>32</sup>Forsamlinga var no i fullt opprør. Somme skreik éin ting, andre noko anna, og dei fleste visste ikkje eingong kvifor dei hadde kome saman.

<sup>33</sup>Då skuva jødane fram ein mann som heitte Aleksander, og nokre i flokken sette han inn i saka. Aleksander gjorde teikn med handa og ville halda ein forsvarstale til folket.

<sup>34</sup> Men då dei skjøna at han var jøde, skreik dei alle i kor i to samfulle timar: «Stor er efesargudinna Artemis!»

<sup>35</sup> Men byskrivaren roa folkehopen og sa: «Efesarar, finst det noko menneske som ikkje veit at efesarbyen er sett til vaktar for tempelet til den store Artemis og steinen som har falle ned frå himmelen?

<sup>36</sup>Dette kan ingen nekta, og difor bør de no vera rolege og ikkje fara for brått fram.

<sup>37</sup>No har de ført hit desse mennene som verken er tempelranarar eller har spotta gudinna vår.

<sup>38</sup>Vil Demetrios og handverkarane hans reisa sak mot nokon, så har vi dei vanlege rettsmøta, og vi har våre guvernørar. Partane kan stemna kvarandre for retten.

<sup>39</sup>Og har de noko anna å krevja, skal det bli avgjort på det lovlege folketinget.

<sup>40</sup>Etter det som har hendt i dag, kan vi lett bli klaga for opprør. Og vi har ingen ting å visa til om nokon krev oss til rekneskap for dette oppstyret.» Med desse orda fekk han folkehopen til å skiljast.

## **Apostelgjerningane 20**

### **I Makedonia og Hellas**

<sup>1</sup>Då ståket hadde stilna, sende Paulus bod etter læresveinane og sette mot i dei. Så bad han farvel og tok ut for å dra til Makedonia.

<sup>2</sup>På reisa gjennom desse bygdene tala han mykje og sette mot i dei òg. Han kom til Hellas,

<sup>3</sup>og der vart han verande i tre månader. Då han skulle segla derifrå og til Syria, fekk jødane til ei samansverjing mot han. Difor sette han seg føre å venda attende gjennom Makedonia.

<sup>4</sup>Saman med han på ferda var Sopatros frå Berøa, son til Pyrros, Aristarkos og Sekundus frå Tessalonika, Gaius frå Derbe, Timoteus, og frå Asia Tykikos og Trofimos.

<sup>5</sup>Desse fór føre og venta på oss i Troas.

<sup>6</sup>Vi andre segla ut frå Filippi straks etter høgtida med usyra brød, og fem dagar etter møtte vi dei i Troas. Der vart vi verande ei veke.

### **Avskil i Troas**

<sup>7</sup>Første dagen i veka var vi samla for å bryta brødet. Paulus tala til dei, og han heldt på heilt til midnatt, sidan han skulle reisa dagen etter.

<sup>8</sup>Det var mange lamper i den salen ovanpå der vi var samla.

<sup>9</sup>Ein ung gut som heitte Evtykos, sat i vindaugget. Då Paulus tala så lenge, fall han i djup søvn og datt ut gjennom vindaugget frå tredje høgda. Han var død då dei tok han opp.

<sup>10</sup> Men Paulus gjekk ned, bøygde seg over han, slo armene kring han og sa: «Ver ikkje redde! Det er liv i han.»

<sup>11</sup>Så gjekk han opp att, braut brødet og åt, og tala endå lenge, heilt til det lysna. Då drog han av stad.

<sup>12</sup>Dei leidde guten heim i live, og det var til useieleleg trøyst for dei.

### **Avskilstalen til dei eldste frå Efesos**

<sup>13</sup>Vi gjekk i førevegen om bord i skipet og segla til Assos. Paulus hadde sagt frå at vi skulle ta han med der, for sjølv ville han gå til fots.

<sup>14</sup>Då han møtte oss i Assos, tok vi han om bord og fór så til Mityléne.

<sup>15</sup>Dagen etter segla vi derifrå og kom på høgda med Kios. Andre dagen heldt vi fram til Samos, og dagen deretter nådde vi Miletos.

<sup>16</sup>For Paulus hadde sett seg føre å segla utanom Efesos, så han ikkje skulle bli hefta i Asia. Han skunda på for å nå fram til Jerusalem til pinsedagen, om det var råd.

<sup>17</sup>Frå Miletos sende han bod til Efesos og kalla til seg dei eldste i forsamlinga.

<sup>18</sup>Og då dei kom, tala han til dei: «De veit korleis eg har levd all den tid eg har vore saman med dykk, frå den første dagen eg sette foten i Asia.

<sup>19</sup> Eg har tent Herren audmjukt og med tårer i alle dei prøvingar som jødane har ført over meg med dei vonde planane sine.

<sup>20</sup>De veit at eg ikkje har halde att noko av det som kunne gagna dykk, men eg har forkynt for dykk og undervist dykk både ute blant folket og i heimane.

<sup>21</sup> Eg har vitna for både jødar og grekarar om omvendinga til Gud og trua på vår Herre Jesus.

<sup>22</sup> Og no fer eg til Jerusalem, bunden av Anden. Kva som skal møta meg der, veit eg ikkje.

- 23** Eg veit berre at Den heilage ande vitnar for meg i by etter by at det ventar meg lenkjer og forfølging.
- 24** Men for meg er ikkje liv eller død verdt å snakka om, berre eg kan fullføra løpet og den tenesta eg fekk av Herren Jesus: å vitna om evangeliet om Guds nåde.
- 25** Og no veit eg at de aldri meir skal sjå andletet mitt, alle de som eg har vore saman med og forkynt Riket for.
- 26** Difor vitnar eg for dykk på denne dagen at eg er utan skuld om nokon taper sitt liv,
- 27** for ikkje på nokon måte har eg forsømt å forkynna heile Guds plan og vilje.
- 28** Ta vare på dykk sjølve og på heile den flokken som Den heilage ande har sett dykk til å vera tilsynsmenn for! Ver hyrdingar for Guds forsamling, som han vann med sitt eige blod.
- 29** For eg veit at når eg er borte, vil det koma inn iblant dykk grådige ulvar som ikkje sparer flokken.
- 30** Og mellom dykk sjølve skal det stå fram menn som fer med falsk lære og vil lokka læresveinane med seg.
- 31** Så vak då, og kom i hug at eg i tre år, natt og dag, med tårer i auga, ikkje heldt opp med å rettleia kvar einaste ein.
- 32** Og no gjev eg dykk over til Gud og hans nådeord, som har kraft til å byggja opp og gje dykk arv saman med alle dei som er helga.
- 33** Eg har aldri trakta etter sølv eller gull eller klede frå noko menneske.
- 34** De veit sjølve at desse hendene har sørgt for det vi trong, både eg og dei som var med meg.
- 35** Alltid har eg vist dykk at vi må arbeida slik, så vi kan ta oss av dei veike. Lat oss minnast Herren Jesu ord: 'Det er sælare å gje enn å få.'»
- 36** Då han hadde sagt dette, bøygde han kne saman med dei alle og bad.

<sup>37</sup>Då brast dei alle i gråt, og dei fall Paulus om halsen og kyste han.

<sup>38</sup>Det som gav dei mest sorg, var det han hadde sagt om at dei aldri meir skulle sjå han att. Så følgde dei han til skipet.

## Apostelgjerningane 21

### Opp til Jerusalem

<sup>1</sup> Då vi hadde rive oss laus frå dei, la vi frå land og segla beint til Kos, dagen etter til Rodos og derifrå til Patara.

<sup>2</sup> Der fann vi eit skip som skulle over til Fønikia. Vi gjekk om bord og la ut att.

<sup>3</sup> Då vi fekk Kypros i syne, heldt vi til høgre for øya og segla mot Syria. I Tyros la vi til land, for skipet skulle lossa.

<sup>4</sup> Vi leita opp læresveinane og vart verande der i sju dagar. Drivne av Anden sa dei til Paulus at han ikkje måtte dra opp til Jerusalem.

<sup>5</sup> Då dagane våre der var til ende, heldt vi fram på reisa. Alle følgde oss ut av byen, med koner og born. På stranda bøygde vi kne og bad

<sup>6</sup> før vi sa farvel til kvarandre. Vi gjekk om bord i skipet, og dei vende heim att.

<sup>7</sup> Så fór vi frå Tyros til Ptolemais og hadde då fullført sjøferda. Vi helsa på syskena der og var ein dag hos dei.

<sup>8</sup> Dagen etter drog vi derifrå og kom til Cæsarea. Der tok vi inn hos evangelisten Filip, ein av dei sju, og vart buande hos han.

<sup>9</sup> Han hadde fire ugifte døtrar som hadde profetgåve.

<sup>10</sup> Som vi no vart verande der nokre dagar, kom det ned frå Judea ein profet som heitte Agabos.

<sup>11</sup> Han kom til oss, tok beltet til Paulus, batt hendene og føtene sine med det og sa: «Så seier Den heilage ande: Den mannen som eig dette beltet, skal jødane i Jerusalem binda slik og gje i hendene på heidningane.»



<sup>12</sup>Då vi hørde det, bad vi Paulus, både vi og dei som budde der, at han ikkje måtte dra opp til Jerusalem.

<sup>13</sup> Men Paulus svara: «Kvifor græt de og gjer meg tung om hjartet? Eg er klar, ikkje berre til å la meg binda, men òg til å døy i Jerusalem for Herren Jesu namn.»

<sup>14</sup> Og sidan han ikkje lét seg overtala, roa vi oss og sa: «Lat Herrens vilje råda!»

<sup>15</sup> Etter desse dagane gjorde vi oss ferdige og drog opp til Jerusalem.

<sup>16</sup> Nokre av læresveinane i Cæsarea slo lag med oss og følgde oss til Mnason frå Kypros, ein av dei aller første læresveinane. Hos han skulle vi bu.

### **Paulus hos Jakob**

<sup>17</sup> Vi kom til Jerusalem, og syskena der tok imot oss med glede.

<sup>18</sup> Dagen etter gjekk Paulus saman med oss til Jakob, der alle dei eldste var samla.

<sup>19</sup> Han helsa på dei og fortalde nøye om det Gud hadde gjort mellom heidningane gjennom hans teneste.

<sup>20</sup> Då dei hørde det, lova dei Gud. Så sa dei til han: «Du veit, bror, at mange tusen jødar er komne til tru, og alle brenn dei for lova.

<sup>21</sup> Men no har dei høyrte om deg at du lærer alle jødar som bur mellom heidningane, å venda seg frå Moses, og at du seier at dei ikkje skal omskjera borna sine og ikkje leva etter dei gamle skikkane.

<sup>22</sup> Kva skal vi gjera? Alle kjem til å få høyra at du er komen.

<sup>23</sup> Gjer no det vi seier deg. Her er fire menn som har bunde seg med ein lovnad.

<sup>24</sup> Ta dei med deg og lat deg reinsa saman med dei. Og ber så kostnaden med dette, slik at dei kan raka hovudet. Då skjønar alle at det ikkje er noko i det dei har høyrte om deg, men at du òg lever slik at du held lova.

<sup>25</sup> Når det gjeld dei heidningkristne, har vi skrive til dei og sagt at dei skal halda seg frå kjøtt som er ofra til avgudar, frå blod, frå kjøtt av kvelte dyr og frå hor.»

<sup>26</sup> Dagen etter tok Paulus mennene med seg og lét seg reinsa saman med dei. Sidan gjekk han opp i tempelet og sa ifrå når reinsingsdagane var omme og offeret skulle berast fram for kvar av dei.

### **Paulus blir teken til fange i tempelet**

<sup>27</sup> Då det leid mot slutten av dei sju dagane, fekk jødane frå Asia sjå han på tempelplassen. Dei øste opp heile folkehopen, la hand på han

<sup>28</sup> og skreik: «Israelittar, kom og hjelp! Her er den mannen som overalt lærer alle slikt som er imot folket og lova og denne staden. No har han til og med teke grekarar med seg inn i tempelet og vanhelga denne heilage staden.»

<sup>29</sup> For dei hadde alt sett Trofimos frå Efesos saman med han i byen, og så trudde dei at Paulus hadde teke han med seg til tempelet.

<sup>30</sup> Uroa breidde seg over heile byen, og folk stima saman. Dei tok Paulus og drog han bort frå tempelplassen, og med det same vart portane stengde.

<sup>31</sup> Dei heldt på og ville slå han i hel då kommandanten for vaktstyrken fekk melding om at heile Jerusalem var i opprør.

<sup>32</sup> Han tok straks med seg soldatar og offiserar og sprang ned til dei. Då dei såg kommandanten og soldatane, heldt dei opp med å slå Paulus.

<sup>33</sup> Kommandanten gjekk borttil, lét mennene sine gripa Paulus og baud at han skulle bindast med to lenkjer. Så spurde han Paulus kven han var og kva han hadde gjort.

<sup>34</sup> Men i folkehopen ropa somme eitt og somme noko anna, og då det var slikt ståk at han ikkje kunne få skikkeleg greie på noko som helst, baud han at Paulus skulle førast inn i borga.

<sup>35</sup> Då dei kom til trappa, trengde hopen så hardt på at soldatane måtte bera han,

<sup>36</sup>for heile folkemengda følgde etter og skreik: «Bort med han!»

<sup>37</sup>Då dei skulle til å gå inn i borga, sa Paulus til kommandanten: «Får eg lov til å seia deg noko?» Han svara: «Kan du gresk?»

<sup>38</sup> Så er du då ikkje den egyptaren som for ei tid sidan gjorde opprør og førte dei fire tusen knivmennene ut i øydemarka?»

<sup>39</sup> «Eg er jøde», sa Paulus, «og borgar av Tarsos, ein ikkje ukjend by i Kilikia. Eg bed deg: Lat meg få tala til folket!»

<sup>40</sup>Det fekk han lov til, og Paulus steig fram på trappa og gav teikn til folket med handa. Då det vart heilt stilt, tala han til dei på hebraisk:

## **Apostelgjerningane 22**

### **Paulus held forsvarstale til folket**

<sup>1</sup>«Brør og fedrar! Høyr på det eg no har å seia til mitt forsvar!»

<sup>2</sup>Då dei høyrde at han tala til dei på hebraisk, vart det endå stillare. Og han heldt fram:

<sup>3</sup> «Eg er jøde, fødd i Tarsos i Kilikia, men oppvaksen her i byen. Ved Gamaliels føter har eg fått grundig opplæring i fedrelova, og eg var like brennande for Gud som de alle er det i dag.

<sup>4</sup> Eg har bunde både kvinner og menn og fått dei kasta i fengsel, ja, til døden har eg forfølgt dei som heldt seg til denne Vegen.

<sup>5</sup> Det kan eg ta øvstepresten og heile Rådet til vitne på. Dei gav meg brev til brørne i Damaskus, og eg drog dit for å leggja òg dei som var der, i lenkjer og føra dei til Jerusalem for å få dei straffa.

<sup>6</sup> Men då eg var på vegen og nærma meg Damaskus ved middagstid, hende det brått at eit sterkt lys frå himmelen stråla omkring meg.

<sup>7</sup>Eg fall til jorda og høyrde ei røyst som sa: ‘Saul, Saul, kvifor forfølger du meg?’

<sup>8</sup>‘Kven er du, Herre?’ spurde eg. Han sa til meg: ‘Eg er Jesus frå Nasaret, han som du forfølgjer.’

<sup>9</sup>Dei som var med meg, såg lyset, men hørde ikkje røysta som tala til meg.

<sup>10</sup>‘Kva skal eg gjera, Herre?’ spurde eg. Og Herren svara: ‘Reis deg opp og gå inn i Damaskus! Der skal dei seia deg alt det du er sett til å gjera.’

<sup>11</sup>Eg kunne ikkje sjå, så sterk hadde glansen av lyset vore. Men dei som var med meg, tok meg i handa og leidde meg inn til Damaskus.

<sup>12</sup>Ananias, ein from mann som levde etter lova og hadde godt ord på seg hos alle jødane der,

<sup>13</sup> kom til meg og stod framfor meg og sa: ‘Saul, bror, du skal få att synet!’ Og i same stunda fekk eg att synet og kunne sjå han.

<sup>14</sup> Då sa Ananias: ‘Våre fedrars Gud har valt deg ut til å kjenna hans vilje og sjå Den rettferdige og høyra røysta frå hans munn.

<sup>15</sup>For du skal vera hans vitne for alle menneske om det du har sett og høyr.

<sup>16</sup>Så kvifor nøler du no? Kom og lat deg døypa og få syndene dine vaska av, medan du kallar på hans namn!’

<sup>17</sup> Sidan, då eg var komen tilbake til Jerusalem og bad i tempelet, kom eg i ekstase.

<sup>18</sup>Eg såg Herren, og han sa til meg: ‘Skund deg! Far bort frå Jerusalem så fort du kan! For dei kjem ikkje til å ta imot vitnemålet ditt om meg.’

<sup>19</sup>‘Herre’, svara eg, ‘dei veit sjølve at eg rundt om i synagogane fekk kasta dei som trudde på deg, i fengsel og lét dei bli piska.

<sup>20</sup> Og då blodet til Stefanus rann, han som var vitnet ditt, stod eg òg der. Eg var samd med dei som drap han, og tok vare på kappene deira.’<sup>21</sup> Då sa Herren til meg: ‘Ta i veg! Eg vil senda deg til heidningfolk langt borte.’»

<sup>22</sup> Så lenge lydde dei på han. Men då dei hørde dette ordet, sette dei i å ropa: «Drep han! Ein slik mann burde ikkje få leva på jorda!»

<sup>23</sup>Og dei skreik og veiva med kappene sine og kasta støv opp i lufta.

<sup>24</sup>Då lét kommandanten Paulus bli ført inn i borga og baud at han skulle forhøyrast med piskeslag, så han kunne få vita kvifor dei hadde ropa slik imot han.

<sup>25</sup> Men då dei hadde bunde Paulus og skulle til å piska han, sa Paulus til offiseren som stod der: «Har de lov til å piska ein romersk borgar, og det utan dom?»

<sup>26</sup>Då offiseren hørde det, gjekk han til kommandanten og sa frå: «Kva er det du tenkjer på? Denne mannen er romersk borgar!»

<sup>27</sup>Kommandanten gjekk ut til Paulus og sa: «Sei meg, er du romersk borgar?» «Ja», svara han.

<sup>28</sup>«Eg har kjøpt denne borgarretten for ein stor pengesum», sa kommandanten. «Eg er fødd til han», svara Paulus.

<sup>29</sup>Dei som skulle forhøyra han, gjekk då frå han med ein gong. Og kommandanten vart redd då han skjøna at han hadde bunde ein romersk borgar.

### **Paulus for Rådet**

<sup>30</sup> Dagen etter ville kommandanten ha full greie på kva det var jødane klaga han for. Difor løyste han Paulus og baud at overprestane og heile Rådet skulle koma saman. Så henta han Paulus og førte han fram for dei.

### **Apostelgjerningane 23**

<sup>1</sup> Paulus feste auga på Rådet og sa: «Brør, med godt samvit har eg til denne dag levd for Gud.»

<sup>2</sup> «Slå han på munnen!» sa Ananias, øvstepresten, til dei som stod der.

<sup>3</sup> Då sa Paulus til han: «Gud skal slå deg, din kalka vegg! Her sit du og skal dømme meg etter lova, og så byd du imot lova at dei skal slå meg.»

<sup>4</sup> «Skjeller du ut Guds øvsteprest?» sa dei som stod der.

<sup>5</sup> «Eg visste ikkje, brør, at han var øvsteprest», svara Paulus. «For det står skrive: Ein fyrste i folket ditt skal du ikkje forbanna.»

<sup>6</sup> Sidan Paulus visste at somme av dei som sat i Rådet, var saddukearar og somme farisearar, ropa han ut: «Brør, eg er farisear og son til farisearar. Og eg blir klagd fordi eg har den vona at dei døde skal stå opp.»

<sup>7</sup> Ikkje før hadde han sagt det, så vart det strid mellom farisearar og saddukearar, og flokken delte seg.

<sup>8</sup> For saddukearane seier at oppstoda ikkje finst, og heller ikkje englar og ånder, men farisearane trur på alt dette.

<sup>9</sup> No vart det roping og skriking, og nokre av dei skriftlærde av farisearane reiste seg og sa sterkt imot: «Vi finn ikkje noko gale hos denne mannen. Tenk om det var ei ånd eller ein engel som tala til han?»

<sup>10</sup> Striden vart så hard at kommandanten var redd dei kunne slita Paulus sund. Difor baud han soldatane gå ned og riva Paulus frå dei og føra han inn i borga.

<sup>11</sup> Natta etter stod Herren framfor han og sa: «Ver frimodig! Som du har vitna om meg i Jerusalem, må du òg vitna i Roma.»

### Samansverjinga

<sup>12</sup> Då det vart dag, slo jødane seg saman og svor på at dei verken skulle eta eller drikka før dei hadde drepe Paulus.

<sup>13</sup> Meir enn førti mann var med i denne samansverjinga.

<sup>14</sup> Dei gjekk til overprestane og dei eldste og sa: «Vi har svore på at vi ikkje skal smaka mat før vi har drepe Paulus.

<sup>15</sup> Gå no saman med Rådet og send ei melding til kommandanten. Be han føra Paulus ned til dykk. Lat som om de vil granska saka hans nøyare. Så står vi ferdige til å drepa han før han kjem fram.»

<sup>16</sup> Men systerson til Paulus fekk høyra om dette bakhaldet, og han gjekk opp i borga og fortalde det til Paulus.

<sup>17</sup>Då sende Paulus bod etter ein av offiserane og sa: «Før denne unge guten til kommandanten! Han har noko å fortelja.»

<sup>18</sup>Offiseren tok han med seg til kommandanten og sa: «Fangen Paulus kalla på meg og bad meg føra denne unge guten til deg. Han har noko å seia deg.»

<sup>19</sup>Kommandanten tok guten i handa, leidde han til sides og spurde: «Kva er det du har å fortelja meg?»

<sup>20</sup>Han svara: «Jødane har avtala at dei i morgon skal be deg føra Paulus ned til Rådet. Dei skal lata som om dei vil granska saka hans nøyare.

<sup>21</sup>Men du må ikkje la deg overtala! For meir enn førti av dei ligg og lurar på han. Dei har svore på at dei verken skal eta eller drikkja før dei har drepe han. No held dei seg klare og ventar berre på ein lovnad frå deg.»

<sup>22</sup>Kommandanten lét guten gå, men baud han strengt: «Fortel ikkje nokon at du har late meg få vita dette.»

#### **Paulus blir send til Cæsarea**

<sup>23</sup> Så kalla han til seg to av offiserane og sa: «Ta to hundre soldatar, saman med sytti ryttrarar og to hundre lettvæpna menn, og lat dei halda seg ferdige til å fara til Cæsarea etter den tredje timen i natt!

<sup>24</sup> Og sørg for ridedyr, så dei kan få Paulus trygt fram til landshovdingen Feliks.»

<sup>25</sup>Så skreiv han dette brevet:

<sup>26</sup>«Claudius Lysias helsar den vørde landshovdingen Feliks.

<sup>27</sup> Denne mannen hadde jødane gripe, og dei heldt på å drepa han. Men eg kom med soldatane og fria han ut, for eg fekk vita at han var romersk borgar.

<sup>28</sup> Sidan eg gjerne ville få greie på kva dei klaga han for, førte eg han fram for Rådet deira.

<sup>29</sup> Eg fann då ut at skuldinga mot han gjaldt nokre spørsmål i lova deira, og at han ikkje var skulda for noko som han kunne dømmast til død eller fengsel for.



<sup>30</sup> Men sidan eg har fått melding om at dei har planlagt eit overfall på mannen, sender eg han direkte til deg. Og eg har sagt frå til klagarane at dei får venda seg til deg i denne saka.»

<sup>31</sup> Soldatane gjorde som dei hadde fått påbod om: Dei tok Paulus og førte han til Antipatris om natta.

<sup>32</sup> Dagen etter vende dei attende til borga og lét ryttarane fara vidare med han.

<sup>33</sup> Så snart dei kom til Cæsarea, lét dei landshovdingen få brevet og førte Paulus fram for han.

<sup>34</sup> Han las brevet og spurde kva provins han var ifrå. Og då han fekk vita at det var Kilikia,

<sup>35</sup> sa han: «Eg skal forhøyra deg når klagarane dine kjem.» Så baud han at Paulus skulle haldast i varetekt i slottsborga til Herodes.

## Apostelgjerningane 24

### Saka mot Paulus

<sup>1</sup> Fem dagar etter kom øvstepresten Ananias dit saman med nokre av dei eldste og ein sakfører som heitte Tertullus. Dei skulle leggja skuldinga mot Paulus fram for landshovdingen.

<sup>2</sup> Paulus vart henta, og Tertullus tok til med skuldinga: «Takka vere deg, vørde Feliks, er det ro og fred alle stader, og dette folket har fått betre kår på grunn av ditt kloke styre.

<sup>3</sup> I djup takksemd tek vi imot dette, alltid og alle stader.

<sup>4</sup> Men for å ikkje hefta deg lenge bed eg om at du, velvillig som du er, vil høyra på oss ei lita stund.

<sup>5</sup> Det har vist seg at denne mannen er ein rein pest. Han skaper uro mellom alle jødar i heile verda og er førar for nasarearsekta.

<sup>6</sup> Han har til og med freista å vanhelga tempelet, og det var der vi greip han. {{Vi ville dømme han etter lova vår,



<sup>7</sup>men då kom kommandanten Lysias til, tok han med vald og makt ut av hendene våre og førte han bort.

<sup>8</sup>Dei som klaga på han, fekk høyra at dei skulle gå til deg.}} No kan du sjølv forhøyra han om alt dette, så får du greie på kva det er vi klagar han for.»

<sup>9</sup>Jødane støtta han og sa at såleis var det.

### **Forsvarstalen til Paulus**

<sup>10</sup>Då gav landshovdingen eit teikn til Paulus, som tok ordet og sa: «Eg veit at du har vore dommar for dette folket i mange år. Difor er det med frimod eg forsvarar meg.

<sup>11</sup>Du kan lett få stadfest at det ikkje er meir enn tolv dagar sidan eg reiste opp til Jerusalem for å tilbe.

<sup>12</sup>Og ingen har sett meg diskutera med nokon eller eggja opp folk, verken i tempelet eller i synagogane eller nokon annan stad i byen.

<sup>13</sup>Dei kan heller ikkje prova det dei no klagar meg for.

<sup>14</sup>Men det vedgår eg: Eg dyrkar våre fedrars Gud gjennom å følgja Veggen, som dei kallar ei seklære. For eg trur alt det som er skrive i lova og profetane,

<sup>15</sup>og eg har den same von til Gud som desse har: at rettferdige og urettferdige ein gong skal stå opp frå dei døde.

<sup>16</sup>Difor legg eg vinn på alltid å ha eit reint samvit for Gud og menneske.

<sup>17</sup>Etter mange år kom eg for å gje ei gåve til dei fattige i folket mitt og for å ofra.

<sup>18</sup>Då var det dei fann meg i tempelet, der eg hadde late meg reinsa. Eg samla ikkje folk om meg og laga ikkje uro.

<sup>19</sup>Men nokre jødar frå Asia såg meg, og det var dei som burde ha møtt fram for deg og kome med skuldingar, om dei hadde hatt nokon.

<sup>20</sup>Eller så bør dei som står her, sjølve seia kva dei fann meg skuldig i då eg stod for Rådet.

<sup>21</sup> Det kan vel ikkje berre vera for det eine ordet eg ropa ut då eg stod framfor dei: 'Det er for oppstoda frå dei døde eg står for retten her i dag.'»

### **Saka blir utsett**

<sup>22</sup> Feliks hadde god kjennskap til Vegen. Han utsette saka og sa: «Når kommandanten Lysias kjem, skal eg ta saka opp til doms.»

<sup>23</sup> Så gav han offiseren påbod om at Paulus skulle haldast i mild varetekt, og at ingen av hans eigne måtte hindrast i å vera han til hjelp.

<sup>24</sup> Nokre dagar seinare kom Feliks, i lag med Drusilla, kona si, som var jøde. Han sende bod etter Paulus og hørde på medan han tala om trua på Jesus Kristus.

<sup>25</sup> Men då han tala om rettferd og sjølvdisiplin og om dommen som skal koma, vart Feliks skremd og sa: «Det er nok for i dag. Gå no! Når eg får tid, skal eg kalla deg hit att.»

<sup>26</sup> Feliks gjorde seg òg håp om å få pengar av Paulus. Difor sende han gong på gong bod etter han og samtala med han.

<sup>27</sup> Så gjekk det to år, og Feliks fekk Porkius Festus til ettermann. Men Feliks ville gjerne vinna velvilje hos jødane og lét Paulus sitja i fengsel.

## **Apostelgjerningane 25**

### **Paulus ankar til keisaren**

<sup>1</sup> Tre dagar etter at Festus var komen til provinsen, drog han frå Cæsarea og opp til Jerusalem.

<sup>2</sup> Overprestane og dei fremste av jødane møtte då fram hos han med skuldingar mot Paulus. Og dei bad han

<sup>3</sup> gjera dei den tenesta å senda Paulus til Jerusalem, for dei ville leggja seg i bakhald og drepa han på vegen.

<sup>4</sup> Men Festus svara at Paulus skulle haldast i varetekt i Cæsarea, og at han sjølv snart skulle tilbake dit.

<sup>5</sup>«Så kan dei av dykk som har fullmakt til det», sa han, «vera med og leggja fram skuldinga, om det er noko gale med mannen».

<sup>6</sup>Han hadde ikkje vore der meir enn åtte–ti dagar, så drog han ned til Cæsarea. Dagen etter sette han seg i dommarsetet og baud at Paulus skulle førast fram.

<sup>7</sup>Straks han kom inn, stilte dei seg omkring han, dei jødane som var komne ned frå Jerusalem, og dei sette fram mange harde skuldingar som dei ikkje kunne føra prov for.

<sup>8</sup>Paulus forsvara seg og sa: «Eg har ikkje forbrote meg, korkje mot lova til jødane eller mot tempelet eller mot keisaren.»

<sup>9</sup>Festus ville gjerne gjera jødane til lags. Difor sa han til Paulus: «Er du villig til å dra opp til Jerusalem og få saka avgjord der, med meg som dommar?»

<sup>10</sup>Men Paulus svara: «Eg står for domstolen til keisaren, og det er her eg skal dømmast. Mot jødane har eg ingen urett gjort, det veit du godt.

<sup>11</sup>Er eg skuldig i noko som fortener dødsstraff, bed eg ikkje om å få sleppa å døy. Men er det ikkje noko i det som desse mennene klagar meg for, så kan ingen gje meg over til dei. Eg ankar saka mi inn for keisaren.»

<sup>12</sup>Festus drøfte saka med rådgjevarane sine og sa frå: «Du har anka til keisaren, og til keisaren skal du fara.»

### **Paulus for Festus og kong Agrippa**

<sup>13</sup>Nokre dagar etter kom kong Agrippa og Berenike til Cæsarea for å helsa på Festus.

<sup>14</sup>Då dei vart verande i fleire dagar, fortalde Festus kongen om saka til Paulus: «Det er ein mann her», sa han, «som Feliks har late etter seg i fengselet.

<sup>15</sup>Då eg kom til Jerusalem, møtte overprestane og dei eldste hos jødane fram med skuldingar mot han og bad om å få han dømd.

<sup>16</sup>Eg svara at romarane ikkje har for vane å utlevera nokon som er klaga, før han har møtt klagarane og fått høve til å forsvara seg mot skuldinga.

<sup>17</sup>Så kom dei saman her, og eg lét dei ikkje venta lenge. Alt dagen etter sette eg meg i dommarsetet og baud at mannen skulle først fram.

<sup>18</sup>Klagarane samla seg omkring han, men dei kom ikkje med skuldingar om brotsverk, som eg hadde venta.

<sup>19</sup> Dei var berre usamde med han om nokre spørsmål i deira eigen religion og om ein som heitte Jesus. Han er død, men Paulus påstår at han lever.

<sup>20</sup>Eg visste ikkje korleis eg skulle greia ut denne saka, og spurde om han kunne tenkja seg å fara til Jerusalem og få dom der.

<sup>21</sup>Men Paulus anka og ville sitja i varetekt til den høge keisaren kunne avgjera saka. Difor baud eg at han skulle bli sitjande til eg får sendt han til keisaren.»

<sup>22</sup> «Den mannen har eg òg hug til å høyra», sa Agrippa. «I morgon skal du få høyra han», svara Festus.

<sup>23</sup>Dagen etter kom Agrippa og Berenike i full stas og steig inn i audienssalen saman med dei øvste offiserane og dei fremste mennene i byen. På ordre frå Festus vart Paulus ført inn.

<sup>24</sup>Så tok Festus ordet og sa: «Kong Agrippa og alle de som er samla her! Her ser de den mannen som har fått heile jødefolket til å venda seg til meg, både i Jerusalem og her. Dei ropar og krev at han ikkje skal få leva lenger.

<sup>25</sup> Eg skjønna at han ikkje hadde gjort noko som fortener dødsstraff. Men då han anka til den høge keisaren, sette eg meg føre å senda han dit.

<sup>26</sup>No har eg ikkje noko påliteleg å skriva til majesteteten. Difor fører eg han fram for dykk, først og fremst for deg, kong Agrippa, så eg etter forhøyret kan vita kva eg skal skriva.

<sup>27</sup>For eg finn det meiningslaust å senda ein fange av stad utan å gjera greie for skuldinga mot han.»

## Apostelgjerningane 26

### Paulus forsvarar seg for kong Agrippa

<sup>1</sup>Så sa Agrippa til Paulus: «Du kan få lov til å svara for deg.» Paulus lyfte handa og tok til med forsvaret:

<sup>2</sup>«Eg held det for ei lukke at det er framfor deg, kong Agrippa, eg i dag skal forsvara meg mot alt det som jødar skuldar meg for,

<sup>3</sup>sidan du kjenner så vel alle skikkar og stridsspørsmål hos jødane. Difor bed eg deg om å høyra på meg med tolmod.

<sup>4</sup>Heilt frå barndomen har eg budd mellom folket mitt og i Jerusalem, og alle jødar veit korleis livet mitt har vore.

<sup>5</sup>Dei kjenner meg frå før, om dei berre vil vitna om det, og veit at eg har levd som farisear og høyrte til den strengaste retninga i religionen vår.

<sup>6</sup>Og no står eg her og skal dømmast fordi eg set mi von til den lovnaden Gud gav fedrane våre,

<sup>7</sup>den lovnaden som det tolvætta folket vårt vonar å sjå oppfylt – difor er dei uthaldande og dyrkar Gud natt og dag. For denne vona, konge, kjem jødar med skuldingar mot meg.

<sup>8</sup>Kvifor blir det rekna som utruleg hos dykk at Gud vekker opp døde?

<sup>9</sup>Eg tykte sjølv ein gong at det var ei plikt å strida av all kraft mot nasarearen Jesu namn.

<sup>10</sup>Og det gjorde eg i Jerusalem. Eg fekk fullmakt frå overprestane og kasta mange av dei heilage i fengsel. Var det tale om å avretta dei, røysta eg for.

<sup>11</sup>Rundt omkring i alle synagogane fekk eg dei ofte straffa for å tvinga dei til å spotta. Og rasande som eg var, forfølgde eg dei heilt til byar i utlandet.

<sup>12</sup>Medan dette stod på, fór eg ein gong til Damaskus med fullmakt og oppdrag frå overprestane.

<sup>13</sup>På den ferda, konge, såg eg midt på dagen eit lys frå himmelen, klårare enn sola. Det stråla omkring meg og dei som var i lag med meg.

**14** Vi fall alle til jorda, og eg hørde ei røyst som sa til meg på hebraisk: ‘Saul, Saul, kvifor forfølgjer du meg? Det blir hardt for deg å stampa mot brodden!’

**15** ‘Kven er du, Herre?’ spurde eg. Og Herren svara: ‘Eg er Jesus, han som du forfølgjer.’

**16** Men reis deg opp og stå på føtene! Eg har synt meg for deg fordi eg vil velja deg ut til tenar og til vitne, både om det du har sett av meg, og om det du sidan skal få sjå,

**17** når eg bergar deg ut frå ditt eige folk og frå alle heidningfolka. Eg sender deg til dei

**18** for å opna auga deira, så dei vender om frå mørker til lys, frå Satans makt til Gud, og får tilgjeving for syndene og arverett saman med dei som har vorte helga ved trua på meg.’

**19** Og difor, kong Agrippa, har eg ikkje vore ulydig mot det himmelske synet.

**20** Tvert om har eg forkynt, først i Damaskus og Jerusalem, sidan i heile Judea og for heidningfolka, at dei må skifta sinn og venda om til Gud og gjera gjerningar som svarar til omvendinga.

**21** Difor var det at nokre jødar greip meg i tempelet og ville drepa meg.

**22** Men til denne dag har Gud hjelpt meg, og no står eg her og vitnar for høg og låg, og eg seier ikkje anna enn det som profetane og Moses sa skulle henda:

**23** at Messias skulle lida, at han skulle vera den første som stod opp frå dei døde, og at han sidan skulle forkynna lyset både for vårt folk og for heidningfolka.»

**24** Då han kom til desse orda i forsvarstalen, ropa Festus høgt: «Du er frå sans og samling, Paulus! Den store lærdomen din fører deg frå forstanden.»

**25** Men Paulus svara: «Eg er ikkje frå forstanden, vørde Festus. Alt det eg seier, er sant og vel gjennomtenkt.

<sup>26</sup>Kongen kjenner til desse tinga; difor talar eg så frimodig til han. Eg kan ikkje tru at noko av dette er ukjent for han. Det har då ikkje gått føre seg i ein avkrok.

<sup>27</sup>Trur du profetane, kong Agrippa? Eg veit at du trur.»

<sup>28</sup>Då sa Agrippa til Paulus: «Det er like før du får overtala meg til å bli ein kristen.»

<sup>29</sup>Paulus svara: «Like før eller lenge att, det er mitt ønske til Gud at både du og alle som høyrer meg i dag, må bli som eg, men utan desse lenkjene.»

<sup>30</sup>Så reiste kongen seg saman med landshovdingen og Berenike og dei andre som sat der.

<sup>31</sup> Då dei hadde trekt seg tilbake, tala dei med kvarandre og sa: «Den mannen gjer ikkje noko som han fortener dødsstraff eller fengsel for.»

<sup>32</sup> Og Agrippa sa til Festus: «Han kunne ha vorte sett fri om han ikkje hadde anka til keisaren.»

## Apostelgjerningane 27

### Reisa til Roma

<sup>1</sup>Då det var avgjort at vi skulle segla til Italia, gav dei Paulus og nokre andre fangar over til ein offiser med namnet Julius frå Den keisarlege hæravdelinga.

<sup>2</sup> Vi gjekk om bord i eit skip frå Adramyttium som skulle til hamnene i Asia, og la så ut. Saman med oss var makedonaren Aristarkos frå Tessalonika.

<sup>3</sup>Dagen etter la vi til land i Sidon. Julius var venleg mot Paulus og gav han lov til å vitja venene sine og nyta godt av deira omsorg.

<sup>4</sup> Vi sette til havs att og segla i le av Kypros, fordi vinden bar imot.

<sup>5</sup>Så segla vi over havstykket utanfor Kilikia og Pamfylia og kom til Myra i Lykia.

<sup>6</sup>Der fann offiseren eit skip frå Aleksandria som skulle til Italia, og han sette oss om bord i det.

<sup>7</sup>I mange dagar gjekk det smått framover, og vi greidde så vidt å koma på høgd med Knidos. Då vi ikkje kunne koma lenger for vinden, heldt vi sør, i le av Kreta ved Salmone-neset.

<sup>8</sup>Det greidde vi så vidt å segla rundt og kom til ein stad som dei kallar «Gode hamner», ikkje langt frå ein by som heiter Lasea.

<sup>9</sup>No hadde det gått lang tid, og det var ikkje lenger trygt å ferdast på sjøen, for det leid alt over fastedagen. Difor åtvare Paulus dei

<sup>10</sup> og sa: «Eg ser at vi kan koma til å mista ikkje berre skip og last, men livet med, om vi fer lenger.»

<sup>11</sup>Men offiseren trudde meir på kapteinen og skipsreiaren enn på det Paulus sa.

<sup>12</sup>Og sidan det var ei ulagleg hamn for vinteropplag, heldt dei fleste på at dei skulle segla ut derifrå og freista å nå Føniks og liggja der vinteren over. Denne hamna på Kreta vender mot sørvest og nordvest.

### Stormen

<sup>13</sup>Då det så tok til å blåsa litt frå sør, tenkte dei at dei kunne fullføra planen. Dei letta anker og segla nær land langs Kreta.

<sup>14</sup>Men det var ikkje lenge før ein kvervelvind frå nordaust, Evrakýlon, som dei kallar han, kom kastande inne frå øya.

<sup>15</sup>Skipet vart rive med. Det var ikkje råd å halda det opp mot vinden, så vi gav opp og lét oss driva.

<sup>16</sup>Då vi kom i livd av ei lita øy som heiter Kauda, var det så vidt vi greidde å berga skipsbåten.

<sup>17</sup>Etter at dei hadde fått han om bord, tok dei i bruk naudutstyret og surra skipet med tau. No var dei redde at dei kunne driva av mot Syrtebankane. Difor senka dei råa, og slik fór dei vidare.

<sup>18</sup>Men stormen rasa framleis, og dagen etter tok dei til å hiva lasta på sjøen.

<sup>19</sup>Tredje dagen kasta dei med eigne hender skipsutstyret over bord.



<sup>20</sup>På mange dagar hadde korkje sol eller stjerner vore å sjå, og då det harde uvêret heldt fram, var til slutt alt håp om berging ute.

<sup>21</sup>No hadde dei ikkje fått mat i seg på lenge, og Paulus gjekk bort til dei og sa: «Gode menn, de skulle ha høyrte på meg og ikkje lagt ut frå Kreta, så hadde de vore sparte både for ulukka og tapet.

<sup>22</sup>Men no bed eg dykk vera ved godt mot. Ikkje eitt liv skal gå tapt, berre skipet.

<sup>23</sup>For i natt stod det framfor meg ein engel frå den Gud som eg tilhøyrer og tener,

<sup>24</sup> og han sa: ‘Ver ikkje redd, Paulus! Du skal stiga fram for keisaren. Og alle dei som er med deg på skipet, har Gud gjeve deg.’

<sup>25</sup>Så ver då ved godt mot! Eg har den tru til Gud at det kjem til å gå som det er sagt meg.

<sup>26</sup> Vi kjem til å stranda på ei eller anna øy.»

<sup>27</sup> Då vi hadde segla på Adriahavet i fjorten dagar, fekk sjømennene landkjenning midt på natta.

<sup>28</sup> Dei lodda og fann tjue famnar. Litt etter lodda dei att og fann femten famnar.

<sup>29</sup>Då vart dei redde vi kunne bli knuste mot klippene. Difor kasta dei fire anker ut frå bakstammen og ønskte berre at dagen måtte koma.

<sup>30</sup>Sjømennene freista å rømme frå skipet. Dei sette skipsbåten på vatnet medan dei gjorde som om dei ville setja anker frå baugen.

<sup>31</sup>Men Paulus sa til offiseren og soldatane: «Blir ikkje desse mennene verande om bord, kan ikkje de bergast.»

<sup>32</sup>Då kappa soldatane taua som heldt skipsbåten, og lét han driva av.

<sup>33</sup>Medan dei venta på at det skulle gry av dag, rådde Paulus alle til å få seg mat. Han sa: «I fjorten dagar har de no gått fastande og venta og har ikkje fått noko i livet.

<sup>34</sup>Difor rår eg dykk til å ta mat til dykk. Det må til, skal de bli berga. Ingen av dykk skal mista så mykje som eit hårstrå på hovudet.»

<sup>35</sup>Då han hadde sagt det, tok han eit brød, takka Gud framfor dei alle, braut det og tok til å eta.

<sup>36</sup>No fekk alle nytt mot, og dei tok til seg mat.

<sup>37</sup>Vi var i alt 276 menneske om bord.

<sup>38</sup>Då dei hadde ete seg mette, letta dei skipet med å hiva kornlasta i sjøen.

### **Skipet strandar**

<sup>39</sup>Då det vart dag, kjende dei ikkje att landet. Men dei fekk auge på ei vik med flat strand, og der ville dei freista å setja skipet på grunn.

<sup>40</sup>Dei kappa ankera og lét dei gå i sjøen, og samtidig løyste dei surringane på rora, sette framseglet opp og heldt inn mot stranda med vinden.

<sup>41</sup>Dei dreiv inn mot ein sandbanke med djupt vatn på begge sider, og der rende dei skipet på grunn. Framstammen bora seg ned i sanden og vart ståande heilt fast, medan bakskipet etter kvart vart sundslege av brenningane.

<sup>42</sup>No ville soldatane drepa fangane, så ingen av dei skulle få symja bort og rømme.

<sup>43</sup>Men offiseren ville berga Paulus og hindra dei i planen. Han gav påbod om at dei som kunne symja, skulle kasta seg uti først og koma seg i land.

<sup>44</sup> Så skulle dei andre koma etter, nokre på plankar og andre på vrakrestar. På den måten kom alle velberga i land.

## **Apostelgjerningane 28**

### **På Malta**

<sup>1</sup> Då vi var berga, fekk vi vita at øya heitte Malta.

<sup>2</sup> Dei som budde der, var uvanleg hjelpsame mot oss. Dei tende bål og tok seg av oss alle, for det hadde teke til å regna, og det var kaldt.

<sup>3</sup>Paulus sanko saman ein haug med kvister og la på bålet. Då kom det fram ein orm som rømde for heten, og beit seg fast i handa hans.

<sup>4</sup>Då folket der såg dyret hanga ned frå handa hans, sa dei til kvarandre: «Den mannen må vera ein mordar, sidan Rettferda ikkje lèt han leva, endå han er berga frå havet.»

<sup>5</sup>Men Paulus riste ormen av seg og inn i elden og hadde ikkje noko mein av det.

<sup>6</sup>Dei andre venta berre at han skulle hovna opp eller brått falla død til jorda. Men då dei hadde venta ei god stund og såg at det ikkje hende noko uvanleg med han, slo dei heilt om og sa at han måtte vera ein gud.

<sup>7</sup>Ikkje langt frå denne staden låg det eit gods som Publius, fremste mannen på øya, eigde. Han tok venleg imot oss, og vi var gjester hos han i tre dagar.

<sup>8</sup>Far til Publius låg med feber og dysenteri. Paulus gjekk inn til han, bad og la hendene på han og lækte han.

<sup>9</sup>Etter dette kom òg dei andre som var sjuke der på øya, og dei vart lækte.

<sup>10</sup>Dei gjorde stor ære på oss, og då vi drog vidare, skaffa dei oss det vi trong.

#### **Til Roma**

<sup>11</sup>Då det hadde gått tre månader, segla vi derifrå med eit skip som hadde lege ved øya om vinteren. Det var frå Aleksandria og hadde Tvillingane som skipsmerke.

<sup>12</sup>Vi gjekk inn til Syrakus og låg der i tre dagar.

<sup>13</sup>Derifrå segla vi langs kysten og kom til Regium. Dagen etter fekk vi sønnavind og kom på to dagar til Puteoli.

<sup>14</sup>Her møtte vi sysken, og dei bad oss vera hos dei ei veke. Så kom vi til Roma.

<sup>15</sup>Systema der hadde høyrte om oss og møtte oss heilt ute ved Forum Appii og Tres Tabernæ. Då Paulus såg dei, takka han Gud og fekk nytt mot.

#### **Paulus i Roma**

<sup>16</sup>Då vi var komne inn i Roma, fekk Paulus lov til å bu for seg sjølv saman med den soldaten som heldt vakt over han.

<sup>17</sup>Tre dagar etter kalla han saman dei fremste jødane. Då dei var samla, sa han til dei: «Brør! Eg har ikkje gjort noko gale mot folket vårt eller mot dei skikkane vi har frå fedrane. Likevel kjem eg som fange frå Jerusalem, der eg vart overgjeven til romarane.

<sup>18</sup>Då dei hadde forhøyrt meg, ville dei gje meg fri, fordi eg ikkje hadde gjort noko som kravde dødsstraff.

<sup>19</sup>Men jødane sette seg imot det. Difor vart eg nøydd til å anka til keisaren. Men det gjorde eg ikkje for å koma med skuldingar mot mitt eige folk.

<sup>20</sup>Difor har eg bede dykk koma hit, så eg kan få møta dykk og tala med dykk. For det er Israels von som gjer at eg går med desse lenkjene.»

<sup>21</sup>Dei svara: «Vi har ikkje fått noko brev om deg frå Judea. Heller ikkje har nokon av brørne kome hit og meldt frå eller sagt noko vondt om deg.

<sup>22</sup>Men vi vil gjerne høyra av deg kva du meiner. For om denne sekta veit vi at ho møter motstand alle stader.»

<sup>23</sup>Dei avtala ein dag med han og kom så dit han budde; dei var då endå fleire enn førre gongen. Frå morgon til kveld forklara og vitna han for dei om Guds rike og freista å vinna dei for Jesus, ut frå både Moselova og profetane.

<sup>24</sup>Nokre av dei lét seg overttyda av det han sa, men andre ville ikkje tru.

<sup>25</sup>Dei gjekk frå kvarandre djupt usamde, men eitt ord fekk Paulus sagt dei: «Det var sant, det som Den heilage ande tala til fedrane dykkar gjennom profeten Jesaja:

<sup>26</sup>Gå og sei til dette folket: De skal høyra og høyra, men ikkje skilja, sjå og sjå, men ikkje skjøna!

<sup>27</sup>For hjartet til dette folket har vorte feitt; tungt høyrer dei med øyra, og auga har dei late att, så dei ikkje kan sjå med auga eller høyra med øyra eller skjøna med hjartet og venda om, så eg får lækja dei.

**28** Så skal de vita at denne Guds frelse er send til heidningane. Og dei kjem til å høyra.»

**29** {{Då han hadde sagt dette, gjekk jødane bort medan dei diskuterte hardt med kvarandre.}}

**30** Sidan budde Paulus to fulle år i eit hus han hadde leigd. Han tok imot alle som kom til han.

**31** Med stort frimod og utan hindring forkynte han Guds rike og lærte om Herren Jesus Kristus.

## Romarane

### Romarane 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Paulus, Kristi Jesu tenar, helsar dykk, eg som er kalla til apostel og utvald til å forkynna Guds evangelium,

<sup>2</sup> det som Gud på førehand hadde lova gjennom profetane sine i heilage skrifter.

<sup>3</sup> Det er evangeliet om hans Son, Jesus Kristus, vår Herre, komen som menneske av Davids ætt

<sup>4</sup> og stadfest ved heilagdoms Ande som Guds mektige Son ved oppstoda frå dei døde.

<sup>5</sup> Ved han har eg fått nåde og apostelteneste for å føra menneske av alle folkeslag til lydnad i tru, til ære for hans namn.

<sup>6</sup> Mellom dei er òg de som er kalla til å høyra Jesus Kristus til.

<sup>7</sup> Eg helsar dykk alle i Roma, de som er elska av Gud, de som vart kalla og er heilage: Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

#### Bøn og ønske om å koma til Roma

<sup>8</sup> Først av alt takkar eg min Gud ved Jesus Kristus for dykk alle, for i heile verda blir det fortalt om trua dykkar.

<sup>9</sup> Gud sjølv, som eg av heile mitt hjarte tener med evangeliet om Son hans, er mitt vitne på korleis eg uavlateleg hugsar på dykk i bønene mine.

<sup>10</sup> Eg bed alltid om at det endeleg ein gong må lukkast for meg å koma til dykk, om Gud vil.

<sup>11</sup> For eg lengtar etter å sjå dykk, så eg kan gje dykk del i ei Andens gåve for å styrkja dykk.

<sup>12</sup> Eller rettare: Saman skal vi få nytt mot ved den trua vi deler, dykkar tru og mi.

<sup>13</sup> Eg vil ikkje at de skal vera uvitande, mine sysken, om at eg mange gonger har sett meg føre å koma til dykk, men eg har vorte hindra heilt til no. For òg hos dykk ville eg gjerne hausta frukt av arbeidet mitt, slik som hos dei andre folka.

<sup>14</sup> Grekarar og barbarar, lærde og ulærde – alle står eg i gjeld til.

<sup>15</sup> Difor er det eg ønskjer å forkynna evangeliet òg for dykk i Roma.

### **Evangeliet, Guds kraft til frelse**

<sup>16</sup> For eg skammar meg ikkje over evangeliet. Det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur, jøde først og så grekar.

<sup>17</sup> For i det blir Guds rettferd openberra, av tru frå først til sist, som det står skrive: Den rettferdige skal leva ved tru.

### **Guds dom over heidenskapen**

<sup>18</sup> Guds vreide blir openberra frå himmelen over alt ugudeleg og all urett hos menneske som held sanninga nede i urett.

<sup>19</sup> For det ein kan vita om Gud, ligg ope framfor dei; Gud har sjølv lagt det ope fram.

<sup>20</sup> For hans usynlege vesen, både hans evige kraft og hans guddom, har menneska kunna sjå og skjøna av gjerningane hans heilt frå verda vart skapt. Difor har dei ikkje noko å unnskylda seg med.

<sup>21</sup> Dei kjende Gud, men likevel æra og takka dei han ikkje som Gud. Med sine tankar enda dei i det som ingenting er, og deira uforstandige hjarte vart formørkte.

<sup>22</sup> Dei påstod dei var kloke, men dei enda i dårskap.

<sup>23</sup> Dei bytte ut den uforgjengelege Guds herlegdom med bilete av forgjengelege menneske, av fuglar, firføtte dyr og krypdyr.

<sup>24</sup> Dei følgde lystene i hjartet, difor overgav Gud dei til ureinskap slik at dei vanæra kroppen sin med kvarandre.

<sup>25</sup> For dei bytte ut Guds sanning med løgn og dyrka og æra det skapte i staden for Skaparen, han som er velsigna i all æve. Amen!

<sup>26</sup> Difor overgav Gud dei til skammelege lyster. Kvinnene deira bytte ut det naturlege samlivet med det som er imot naturen.

<sup>27</sup> På same måten heldt mennene opp med det naturlege samlivet med kvinner og tok til å brenna av lyst etter kvarandre. Menn dreiv utukt med menn, og dei bar sjølve den straffa som måtte koma for villfaringa.

<sup>28</sup> Dei brydde seg ikkje om å kjenna Gud, difor overgav Gud dei til ei sviktande dømmekraft, så dei gjer slikt som ikkje sømer seg.

<sup>29</sup> Dei er fulle av allslags urett, umoral og lyst til alltid å eiga meir, av vondskap, misunning og mordlyst, strid, svik og list. Dei fer med sladder

<sup>30</sup> og baktale, dei hatar Gud og bruker vald, er hovmodige og skrytande, dei er gode til å finna på vondt og ulydige mot foreldra.

<sup>31</sup> Dei er uvituge, upålitelege, ukjærlege og utan miskunn.

<sup>32</sup> Dei veit kva Guds lov seier, at dei som driv med slikt, fortener å døy. Likevel gjer dei det ikkje berre sjølve, men dei rosar òg andre som gjer det.

## Romarane 2

### Menneska skal gjera rekneskap for Gud

<sup>1</sup> Difor har du ikkje noko å unnskylda deg med, du menneske som dømmar, kven du så er. Når du dømmar ein annan, fordømmar du deg sjølv. For du som dømmar, gjer sjølv det same.

<sup>2</sup> Og vi veit at Guds dom med full rett råkar dei som driv med slikt.

<sup>3</sup> Men når du, menneske, dømmar dei som gjer dette, og sjølv gjer det same, meiner du då at du skal sleppa unna Guds dom?

<sup>4</sup> Eller foraktar du at han er grenselaust god, tolmodig og langmodig? Skjønar du ikkje at Guds godleik driv deg til omvending?



<sup>5</sup>Med ditt harde hjarte som ikkje vil venda om, hopar du opp vreide over deg til vreidedagen, når Gud openberrar sin rettferdige dom.

<sup>6</sup>Han skal løna kvar og ein etter det han har gjort:

<sup>7</sup>Dei som trufast gjer det gode og søkjer herlegdom, ære og uforgjengelegdom, skal få evig liv.

<sup>8</sup>Men dei som berre tenkjer på seg sjølve, som er ulydige mot sanninga og lèt seg leia av uretten, har vreide og harme i vente.

<sup>9</sup>Naud og angst skal koma over kvart menneske som gjer det vonde, jøde først og så grekar.

<sup>10</sup>Men herlegdom, ære og fred skal den få som gjer det gode, jøde først og så grekar.

<sup>11</sup> For Gud gjer ikkje forskjell på folk.

<sup>12</sup>Alle som synda utan lova, skal gå fortapt utan lova. Og alle som synda under lova, skal dømmast etter lova.

<sup>13</sup> For det er ikkje dei som høyrer lova, som er rettferdige for Gud. Nei, dei som gjer det lova seier, dei skal han rekna som rettferdige.

<sup>14</sup> For når heidningane, som ikkje har lova, av naturen gjer det lova krev, då er dei seg sjølve ei lov, endå dei ikkje har lova.

<sup>15</sup>Dei viser med dette at det lova krev, står skrive i hjarta deira. Samvitet deira vitnar òg om det, når tankane deira anten skuldar dei eller forsvarar dei.

<sup>16</sup> Dette skal bli klårt den dagen Gud ved Jesus Kristus dømmer det løynde i menneska, etter det evangeliet eg har forkynt.

#### **Jødane og lova**

<sup>17</sup> Og du som kallar deg jøde: Du stolar på lova og er stolt av din Gud,

<sup>18</sup>du kjenner hans vilje og kan dømma om kva som er viktig, fordi du er opplærd i lova.

- <sup>19</sup> Du er sikker på at du kan vera ein vegvisar for blinde, eit lys for dei som er i mørker,
- <sup>20</sup> ein oppsedar for uvituge og ein lærar for umyndige, ettersom du i lova har kunnskapen og sanninga i si rette form.
- <sup>21</sup> Du som vil læra andre, lærer du ikkje deg sjølv? Du som forkynner at ein ikkje skal stela, stel du?
- <sup>22</sup> Du som seier at ein ikkje skal bryta ekteskapet, bryt du ekteskapet? Du som ser på avgudane med avsky, plyndrar du templa deira?
- <sup>23</sup> Du som er så stolt av lova, du vanærar Gud når du bryt lova.
- <sup>24</sup> For dykkar skuld blir Guds namn spotta mellom heidningane, som det står skrive.
- <sup>25</sup> Omskjeringa er nok til gagn for deg om du held lova. Men bryt du lova, er du som ein uomskoren.
- <sup>26</sup> Men om ein som er uomskoren, held lovboda, skal ikkje han då reknast som omskoren, endå han ikkje er det?
- <sup>27</sup> Den som er uomskoren fysisk, men held lova, skal dømme deg. For endå du er omskoren og har lova i bokstavleg form, så bryt du lova.
- <sup>28</sup> For rett jøde er ikkje den som er jøde i det ytre, og rett omskjering er ikkje det som er gjort i det ytre, på kroppen.
- <sup>29</sup> Jøde er den som er jøde i det indre, og omskoren er den som er omskoren i hjartet, ved Anden, ikkje etter bokstaven. Han får ikkje ros av menneske, men av Gud.

### **Romarane 3**

- <sup>1</sup> Kva fordel har så jøden, eller kva gagn er det i omskjeringa?
- <sup>2</sup> Mykje, på alle måtar! Først og fremst det at Guds ord vart tiltrudd dei.
- <sup>3</sup> Men kva så om somme av dei har vore trulause? Kan deira truløyse oppheva Guds truskap?

<sup>4</sup>Langt ifrå! Lat det stå fast at Gud talar sanning, men kvart menneske er ein løgnar. For det står skrive: Så du skal få rett når du talar, og vinna når du fører sak.

<sup>5</sup>Men om vår urett endå klårare viser Guds rettferd, kva skal vi då seia? Er ikkje då Gud urettferdig, menneskeleg tala, når han lèt vreiden koma over oss?

<sup>6</sup>Langt ifrå! Korleis skulle Gud elles kunna dømma verda?

<sup>7</sup>Men om mi løgn endå klårare viser at Gud talar sanning, og han får ære ved det, kvifor skal eg då dømmast som ein syndar?

<sup>8</sup>Skal vi ikkje då like godt gjera det vonde, så det kan føra til det gode? Det finst dei som spottar oss og seier at det er dette vi lærer. Dei skal få den dommen dei fortener.

#### **Alle har skuld**

<sup>9</sup>Kva skal vi seia til dette? Har vi jødar nokon fordel framfor andre? Nei, på ingen måte! Vi har då nettopp skulda både jødar og grekarar og sagt at dei er under synd alle saman,

<sup>10</sup> som det òg står skrive: Det finst ingen rettferdig, ikkje ein einaste.

<sup>11</sup>Det finst ingen vitug, ikkje éin som søker Gud.

<sup>12</sup>Alle er komne på avveg, alle er dei forderva. Det finst ikkje éin som gjer det gode, ikkje ein einaste.

<sup>13</sup> Ei open grav er strupen deira, på tunga ligg falske ord, under leppene ormegift,

<sup>14</sup> munnen er full av forbanning og harde ord.

<sup>15</sup> Lette er dei på foten når dei vil ausa ut blod,

<sup>16</sup>der dei fer, er det øydelegging og naud,

<sup>17</sup>og freds veg kjenner dei ikkje.

<sup>18</sup> Frykt for Gud har dei ikkje for auge.

**19** Vi veit at alt det lova seier, det seier ho til dei som har lova, så kvar munn skal teia og heile verda stå skuldig for Gud.

**20** Ikkje noko menneske blir rettferdig for Gud på grunn av gjerningar som lova krev. Lova gjer berre at vi lærer synda å kjenna.

### **Rettferd ved trua**

**21** Men no er Guds rettferd, som lova og profetane vitnar om, openberra utanom lova.

**22** Dette er Guds rettferd som blir gjeven ved trua på Jesus Kristus til alle som trur. Her er det ingen skilnad,

**23** for alle har synda og manglar Guds herlegdom.

**24** Men ufortent og av hans nåde blir dei kjende rettferdige, frikjøpte i Kristus Jesus.

**25** Han har Gud stilt synleg fram, så han med sitt blod skulle vera soningsstaden for dei som trur. Slik viste Gud si rettferd. For han hadde før, i sitt tolmod, halde tilbake straffa for dei syndene som var gjorde.

**26** Men i vår tid ville han visa si rettferd, både at han sjølv er rettferdig, og at han seier rettferdig den som trur på Jesus.

**27** Kva har vi då å vera stolte av? Ingenting! Etter kva lov? Lova om gjerningar? Nei, lova om tru.

**28** For vi hevdar at mennesket blir rettferdig ved tru, utan lovgjerningar.

**29** Eller er Gud berre Gud for jødane? Er han ikkje Gud for dei andre folka òg? Jau, for dei òg.

**30** For Gud er éin, han som rettferdiggjer dei omskorne av tru og dei uomskorne ved den same trua.

**31** Opphevar vi då lova med trua? Langt ifrå! Vi stadfester lova.

## **Romarane 4**

### **Abrahams tru**

- <sup>1</sup>Kva skal vi då seia om Abraham, vår jordiske stamfar? Kva oppnådde han?
- <sup>2</sup>Vart Abraham rettferdig for Gud på grunn av gjerningar, då har han noko å vera stolt av. Men det har han ikkje for Gud.
- <sup>3</sup>For kva seier Skriften? Abraham trudde Gud, og difor rekna Gud han som rettferdig.
- <sup>4</sup>Den som gjer eit arbeid, får løn etter fortjeneste, ikkje av nåde.
- <sup>5</sup>Annleis er det med den som ikkje har gjerningar, men trur på han som rettferdiggjør den ugudelege. Han blir rekna som rettferdig fordi han trur.
- <sup>6</sup>Slik prisar òg David det mennesket sælt som Gud reknar som rettferdig utan at det har gjerningar:
- <sup>7</sup>Sæle er dei som har fått sine brot tilgjevne og sine synder tildekte.
- <sup>8</sup>Sælt er det mennesket som Herren ikkje tilreknar synd.
- <sup>9</sup>Dei som her blir prisa sæle, er det berre dei omskorne eller er det dei uomskorne òg? Vi sa at Abraham vart rekna som rettferdig fordi han trudde.
- <sup>10</sup>Korleis gjekk det til? Var det før eller etter at han vart omskoren? Det var før han vart omskoren.
- <sup>11</sup>Og omskjeringa fekk han til eit teikn som skulle stadfesta den rettferda av tru som han hadde før han vart omskoren. Slik skulle han bli far til alle uomskorne som trur, så dei kan reknast som rettferdige.
- <sup>12</sup>Men han skulle òg bli far til dei omskorne når dei ikkje berre har omskjeringa, men òg følgjer etter Abraham, far vår, og eig den trua han hadde før han vart omskoren.

### Lovnaden til Abraham

- <sup>13</sup>For det var ikkje ved lova Abraham eller ætta hans fekk lovnaden om at han skulle bli arving til verda, men ved den rettferda ein får ved tru.
- <sup>14</sup>Er det dei som held seg til lova, som er arvingar, då er trua utan meining og lovnaden sett ut av kraft.

<sup>15</sup> For lova kallar fram vreide, men der det ikkje finst lov, finst det heller ikkje lovbrot.

<sup>16</sup> Difor fekk han lovnaden fordi han trudde, så alt skulle vera av nåde. Då kan lovnaden stå fast for heile etterslekta hans, ikkje berre for dei som har lova, men òg for dei som har same tru som Abraham. For han er far for oss alle,

<sup>17</sup> som det står skrive: Eg har gjort deg til far for mange folk. Han er vår far i Guds auge; for han trudde Gud, han som gjer dei døde levande og byd at det som ikkje er, skal bli til.

<sup>18</sup> Endå alt håp var ute, heldt Abraham fast på håpet og trudde, og difor vart han far til mange folkeslag, som det var sagt han: Så talrik skal ætta di bli.

<sup>19</sup> Han var då nesten hundre år, men han vart ikkje veik i trua når han tenkte på at hans eigen kropp var utan kraft og at Sara var for gammal til å bli mor.

<sup>20</sup> Han var ikkje vantru og tvila ikkje på Guds lovnad, men var sterk i trua og gav Gud ære.

<sup>21</sup> For han var overtydd om at det Gud hadde lova, det hadde han òg makt til å gjera.

<sup>22</sup> Difor vart han rekna som rettferdig.

<sup>23</sup> Men det var ikkje berre for hans skuld dette vart skrive om han.

<sup>24</sup> Det gjeld oss òg. Vi skal reknast som rettferdige når vi trur på han som reiste Jesus, vår Herre, opp frå dei døde,

<sup>25</sup> han som vart overgjeven til døden for våre synder og oppreist for at vi skulle bli rettferdige.

## Romarane 5

### Fred med Gud

<sup>1</sup> Når vi no har vorte rettferdige ved tru, har vi fred med Gud ved vår Herre Jesus Kristus.

<sup>2</sup> Gjennom han har vi òg ved trua fått tilgang til den nåden vi står i, og vi er stolte over håpet om Guds herlegdom.

<sup>3</sup> Ja, ikkje berre det, vi er òg stolte over lidingane. For vi veit at lidinga gjer oss uthaldande,

<sup>4</sup> og den som held ut, får eit prøvd sinn, og den som er prøvd, får håp.

<sup>5</sup> Og håpet gjer ikkje til skamme, for Guds kjærleik er aust ut i hjarta våre ved Den heilage ande som han har gjeve oss.

<sup>6</sup> Medan vi endå var hjelpelause, døydde Kristus for ugudelege då tida var inne.

<sup>7</sup> Knappt nok vil nokon gå i døden for ein rettferdig mann – endå det kan vel henda at nokon vågar livet for ein som er god.

<sup>8</sup> Men Gud viser sin kjærleik til oss ved at Kristus døydde for oss medan vi endå var syndarar.

<sup>9</sup> Når vi no har vorte rettferdiggjorde ved Kristi blod, kor mykje meir skal vi ikkje då ved han bli frelste frå vreiden!

<sup>10</sup> Medan vi endå var fiendar, vart vi forsona med Gud då hans Son døydde. Når vi no er forsona, kor mykje meir skal vi ikkje då bli frelste ved hans liv!

<sup>11</sup> Ja, ikkje berre det, men vi er glade og stolte i Gud, ved vår Herre Jesus Kristus, han som har gjeve oss forsoninga.

### **Adam og Kristus**

<sup>12</sup> Difor, liksom synda kom inn i verda ved eitt menneske, og døden saman med synda, slik nådde døden alle menneske fordi dei alle synda.

<sup>13</sup> Også før lova var det synd i verda. Og endå synda ikkje blir rekna som synd der det ikkje er noka lov,

<sup>14</sup> rådde likevel døden frå Adam til Moses, også over dei som ikkje hadde gjort noko lovbrøt slik som Adam. Adam står her som eit bilete på han som skulle koma.

<sup>15</sup> Men det er annleis med nåden enn med fallet. På grunn av fallet til den eine måtte dei mange døy, men Guds nådegåve er så uendeleg mykje større: Ho blir gjeven i rikt mål til dei mange på grunn av nåden frå det eine mennesket Jesus Kristus.

<sup>16</sup> Og det er annleis med gåva enn med den synda som den eine gjorde. For dommen over eitt menneske førte til fordømming, men nådegåva førte til frikjenning, endå det var mange som hadde falle.

<sup>17</sup> Døden fekk herredøme fordi eitt einaste menneske fall. Kor mykje meir skal då ikkje dei som tek imot Guds store nåde og rettferdsgåve, eiga livet og få herredøme ved den eine, Jesus Kristus.

<sup>18</sup> Difor: Slik som ein manns fall vart til fordømming for alle menneske, slik fører ein manns rettferdige gjerning til frikjenning og liv for alle menneske.

<sup>19</sup> Slik dei mange vart syndarar fordi det eine mennesket var ulydig, skal no dei mange stå rettferdige fordi den eine var lydig.

<sup>20</sup> Lova kom til så fallet skulle bli stort. Men der synda vart stor, vart nåden endå mykje større.

<sup>21</sup> For liksom synda fekk herredøme ved døden, skal nåden rå gjennom rettferda og gje evig liv ved Jesus Kristus, vår Herre.

## Romarane 6

### Sameina med Kristus i dåpen

<sup>1</sup> Kva skal vi då seia? Skal vi halda fram i synda så nåden kan bli så mykje større?

<sup>2</sup> Langt ifrå! Korleis kan vi som har døydd bort frå synda, framleis leva i henne?

<sup>3</sup> Eller veit de ikkje at alle vi som vart døypte til Kristus Jesus, vart døypte til døden hans?



<sup>4</sup> Vi vart gravlagde med han då vi vart døypte med denne dåpen til døden. Og slik Kristus vart oppreist frå dei døde ved sin Fars herlegdom, skal vi òg vandra i eit nytt liv.

<sup>5</sup> Har vi vakse saman med Kristus i ein død som er lik hans, skal vi òg vera eitt med han i ei oppstode som er lik hans.

<sup>6</sup> Vi veit at vårt gamle menneske vart krossfest med han, for at den kroppen som er underlagd synda, skulle gjerast til inkjes og vi ikkje lenger skulle vera slavar under synda.

<sup>7</sup> For synda har ikkje lenger nokon rett over den som er død.

<sup>8</sup> Men er vi døde med Kristus, trur vi at vi òg skal leva med han.

<sup>9</sup> Vi veit at når Kristus er oppreist frå dei døde, då døyr han ikkje meir, for døden har ikkje lenger makt over han.

<sup>10</sup> Døden han døydde, den døydde han for synda, éin gong for alle, men livet han lever, det lever han for Gud.

<sup>11</sup> På same måten skal de rekna dykk som døde for synda, men levande for Gud i Kristus Jesus.

### I teneste for Gud

<sup>12</sup> Lat då ikkje synda rå i den dødelege kroppen dykkar, så de gjev etter for lystene i denne kroppen.

<sup>13</sup> Og byd ikkje lemene dykkar fram til teneste for synda, som våpen for uretten. Men byd dykk sjølve og lemene dykkar fram til teneste for Gud, som våpen for det som er rett. For de var døde og har fått liv.

<sup>14</sup> Synda skal ikkje vera herre over dykk. For de er ikkje under lova, men under nåden.

<sup>15</sup> Kva skal vi då seia? Skal vi synda sidan vi ikkje er under lova, men under nåden? Langt ifrå!

<sup>16</sup> Veit de ikkje at når de byd dykk fram som slavar for nokon og lyder han, då er de verkeleg slavar under den som rår over dykk? De blir anten slavar

under synda, og det fører til død, eller under lydnaden, og det fører til rettferd.

<sup>17</sup>Men Gud vere takk! De som før var slavar under synda, har no av hjartet vorte lydige mot den læra som de vart overgjevne til.

<sup>18</sup> De vart sette fri frå synda og er slavar for rettferda –

<sup>19</sup>eg bruker eit bilete frå dagleglivet sidan de er veike, av kjøt og blod. Før baud de fram lemene dykkar til teneste for det ureine og det urette, og det førte berre til urett. Men no skal de by fram lemene dykkar til teneste for rettferda, så de kan bli heilage.

<sup>20</sup>Medan de var slavar under synda, var de frie frå det som er rett.

<sup>21</sup> Kva slags frukter hausta de av det? Slike som de no skammar dykk over, for dei fører til døden.

<sup>22</sup>Men no er de frigjorde frå synda og har vorte tenarar for Gud, og frukta er eit liv i helging, og det fører til evig liv.

<sup>23</sup> For den løn synda gjev, er døden, men Guds nådegåve er evig liv i Kristus Jesus, vår Herre.

## Romarane 7

### Fridom frå lova

<sup>1</sup>Eller veit de ikkje, mine sysken – for eg talar då til folk som kjenner lova – at lova rår over eit menneske berre så lenge det lever?

<sup>2</sup>Ei gift kvinne er av lova bunden til mannen sin så lenge han lever. Men døyr mannen, er ho løyst frå den lova som batt henne til mannen.

<sup>3</sup>Difor kan ho kallast ekteskapsbrytar om ho gifter seg med ein annan medan mannen lever. Men døyr mannen, er ho fri frå lova og er ingen ekteskapsbrytar om ho gifter seg med ein annan.

<sup>4</sup>Slik er det òg med dykk, mine sysken. Gjennom Kristi kropp har de døydd bort frå lova. De høyrer ein annan til, han som stod opp frå dei døde, for at vi skal bera frukt for Gud.

<sup>5</sup> Då kjøtet hadde makta over oss, gjorde lova at dei syndige lystene vart vekte til live i lemene våre, så vi bar frukt for døden.

<sup>6</sup> Men no er vi løyste frå lova, fordi vi har døydd frå det som heldt oss bundne. Difor tener vi Gud i eit nytt liv i Anden, og ikkje i det gamle, etter bokstaven.

### Lova og synda

<sup>7</sup> Kva skal vi då seia? Er lova synd? Langt ifrå! Men utan lova hadde eg ikkje visst om synda. Eg hadde ikkje visst kva lyst er, om ikkje lova sa: Du skal ikkje lysta.

<sup>8</sup> Synda brukte bodet til å vekka alle slags lyster i meg, men utan lova er synda død.

<sup>9</sup> Eg levde ei tid utan lova. Men då bodet kom, fekk synda liv,

<sup>10</sup> og eg døydde. Slik viste det seg at bodet som skulle gje liv, førte til død.

<sup>11</sup> For synda brukte bodet til å narra og drepa meg.

<sup>12</sup> Lova er altså heilag, og bodet er heilagt, rett og godt.

<sup>13</sup> Men har så det gode ført til døden for meg? Langt ifrå! Men synda brukte det gode til å føra meg i døden, for å gjera det klårt korleis synda er: Gjennom bodet skulle synda visa seg å vera over all måte syndig.

<sup>14</sup> Vi veit at lova er åndeleg, men eg er av kjøt og blod, seld som slave til synda.

<sup>15</sup> For eg skjønar ikkje kva eg sjølv gjer. Det eg vil, det gjer eg ikkje, og det eg avskyr, det gjer eg.

<sup>16</sup> Men gjer eg det eg ikkje vil, då gjev eg lova rett i at ho er god.

<sup>17</sup> Så er det ikkje eg som gjer det, men synda som bur i meg.

<sup>18</sup> For eg veit at i meg bur det ikkje noko godt, det vil seia i mitt kjøt. Viljen har eg, men å fullføra det gode maktar eg ikkje.

<sup>19</sup> Det gode som eg vil, det gjer eg ikkje, men det vonde som eg ikkje vil, det gjer eg.

<sup>20</sup>Men gjer eg det eg ikkje vil, då er det ikkje eg som gjer det, men synda som bur i meg.

<sup>21</sup> Så finn eg altså at denne lova gjeld for meg: Eg vil gjera det gode, men kan ikkje anna enn gjera det vonde.

<sup>22</sup> Mitt indre menneske seier med glede ja til Guds lov.

<sup>23</sup>Men i lemene mine kan eg sjå ei anna lov. Ho ligg i strid med lova i mitt sinn og gjer meg til fange under syndelova, som er i lemene.

<sup>24</sup>Eg arme menneske! Kven skal fri meg frå denne dødens kropp?

<sup>25</sup> Gud vere takk ved Jesus Kristus, vår Herre! Slik er altså eg: Med sinnet tener eg Guds lov, men med kjøtet tener eg syndelova.

## Romarane 8

### Livet i Anden

<sup>1</sup>Så finst det no inga fordømming for dei som er i Kristus Jesus.

<sup>2</sup>For Andens lov, som gjev liv, har i Kristus Jesus gjort deg fri frå lova til synda og døden.

<sup>3</sup>Det som var umogleg for lova, sidan ho stod maktlaus fordi vi er av kjøt og blod, det gjorde Gud. Han sende sin eigen Son som syndoffer, i same slag kjøt og blod som syndige menneske har, og heldt dom over synda i oss.

<sup>4</sup>Slik skulle det som lova krev, bli oppfylt i oss som ikkje lever slik kjøtet vil, men slik Anden vil.

<sup>5</sup>Dei som lever slik kjøtet vil, traktar etter det som høyrer menneske til, men dei som lever slik Anden vil, traktar etter det som høyrer Anden til.

<sup>6</sup>For det kjøtet vil, er død, men det Anden vil, er liv og fred.

<sup>7</sup>Difor er det som kjøtet vil, fiendskap mot Gud, for det bøyer seg ikkje under Guds lov og kan det ikkje heller.

<sup>8</sup>Dei som kjøtet har makta over, kan ikkje vera til glede for Gud.

<sup>9</sup> Men det er ikkje kjøtet som har makta over dykk, det er Anden – så sant Guds Ande bur i dykk. Den som ikkje har Kristi Ande, høyrer ikkje Kristus til.

<sup>10</sup> Men dersom Kristus bur i dykk, er nok kroppen død på grunn av synda, men ånda er levande på grunn av rettferda.

<sup>11</sup> Han reiste Jesus opp frå dei døde. Og dersom hans Ande bur i dykk, skal han som reiste Kristus opp frå dei døde, også gjera dykkar dødelege kropp levande ved sin Ande, som bur i dykk.

<sup>12</sup> Så skyldar vi ikkje kjøtet nokon ting, sysken, så vi skulle leva slik det vil.

<sup>13</sup> For dersom de lever slik kjøtet vil, skal de døy. Men drep de ved Anden dei gjerningane kroppen gjer, då skal de leva.

<sup>14</sup> Alle som blir drivne av Guds Ande, er Guds born.

<sup>15</sup> For de fekk ikkje den ånda som slavane har, så de på nytt skulle leva i frykt. Nei, de fekk Anden som gjev rett til å vera Guds born, den som gjer at vi ropar: «Abba, Far!»

<sup>16</sup> Anden sjølv vitnar med vår ånd at vi er Guds born.

<sup>17</sup> Men er vi born, då er vi òg arvingar. Vi er Guds arvingar og Kristi medarvingar, så sant vi lid med han, så vi òg skal eiga herlegdomen saman med han.

### Håpet om herlegdom

<sup>18</sup> Eg meiner at det vi må lida i den tida som no er, ikkje er nokon ting mot den herlegdomen som ein gong skal openberrast og bli vår.

<sup>19</sup> Det skapte lengtar inderleg etter at Guds born skal openberrast i herlegdom.

<sup>20</sup> For det skapte vart lagt under forgjengelegdom, ikkje av eigen vilje, men etter hans vilje som gjorde det slik. Likevel var det håp,

<sup>21</sup> for òg skapningen sjølv skal bli frigjord frå slaveriet under det forgjengelege og få den fridom som Guds born skal eiga i herlegdomen.

<sup>22</sup> Vi veit at heilt til denne dag sukker og stønnar heile skapningen saman, som i fødselsrier.

**23** Ja, endå meir: Også vi som har fått Anden, den første frukta av hausten som kjem, sukkar med oss sjølve og lengtar etter å bli Guds born heilt og fullt når kroppen vår blir sett fri.

**24** For i håpet er vi frelste. Men eit håp som vi alt ser oppfylt, er ikkje noko håp. Korleis kan nokon håpa på det dei alt ser?

**25** Men håpar vi på noko vi ikkje ser, då ventar vi med tolmod.

**26** På same måten kjem Anden oss til hjelp i vår maktløyse. For vi veit ikkje kva vi skal be om for å be rett, men Anden sjølv går i forbøn for oss med sukk utan ord.

**27** Og han som ransakar hjarta, veit kva Anden vil, for han bed etter Guds vilje for dei heilage.

**28** Vi veit at alle ting tener til det gode for dei som elsker Gud, dei han etter sin frie vilje har kalla.

**29** Dei han på førehand vedkjende seg, har han òg på førehand sett til å bli forma etter biletet av Son sin, så han skulle vera den førstefødde mellom mange sysken.

**30** Og dei han på førehand har bestemt til dette, har han òg kalla. Og dei han kalla, har han òg sagt rettferdige, og dei han har sagt rettferdige, har han òg herleggjort.

**31** Kva skal vi så seia til dette? Er Gud for oss, kven er då imot oss?

**32** Han som ikkje sparte sin eigen Son, men gav han for oss alle, kan han anna enn gje oss alt med han?

**33** Kven vil koma med skuldingar mot Guds utvalde? Gud er den som frikjenner.

**34** Kven kan då fordømma? Kristus Jesus er den som døydde, ja, meir enn det, han vart reist opp og er ved Guds høgre hand, og han bed for oss.

**35** Kven kan skilja oss frå Kristi kjærleik? Naud eller angst eller forfølgning eller svolt, å stå naken eller i fare eller framfor sverd?

<sup>36</sup> Som det står skrive: For di skuld blir vi drepne dagen lang, vi blir rekna som slaktesauer.

<sup>37</sup> Men i alt dette vinn vi meir enn siger ved han som elska oss.

<sup>38</sup> For eg er viss på at verken død eller liv, verken englar eller krefter, verken det som no er eller det som koma skal, eller noka makt,

<sup>39</sup> verken det som er i det høge eller i det djupe, eller nokon annan skapning, skal kunna skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre.

## Romarane 9

### Guds veg med Israel

*(Kap. 9–11)*

#### Guds gåver til Israel

<sup>1</sup> Eg talar sanning i Kristus; eg lyg ikkje! Samvitet mitt stadfester det i Den heilage ande.

<sup>2</sup> Eg ber på ei stor sorg og ei stadig liding i hjartet.

<sup>3</sup> For eg skulle ønskja at eg sjølv var forbanna og skild frå Kristus, berre det kunne hjelpa mine sysken som er av same folket som eg.

<sup>4</sup> Dei er israelittar; dei har retten til å vera Guds born, og herlegdomen, paktene, lova, tempeltenesta og lovnadene er deira.

<sup>5</sup> Dei har fedrane, og frå dei stammar òg Kristus, han som er Gud over alt, velsigna i all æve. Amen.

#### Gud vel ut folket sitt

<sup>6</sup> Det er ikkje slik at Guds ord har slege feil. For ikkje alle som er av Israels ætt, høyrer Israel til,

<sup>7</sup> og ikkje alle som nedstammar frå Abraham, er Abrahams born. For det står: Gjennom Isak skal du få ei ætt som skal kallast di.

<sup>8</sup> Det vil seia: Det er ikkje dei som er borna hans av kjøt og blod, som er Guds born. Nei, dei som er born ut frå lovnaden, reknar han som Abrahams ætt.

- <sup>9</sup> For dette er eit lovnadsord: Eg kjem tilbake til deg når tida er inne, og då skal Sara ha ein son.
- <sup>10</sup> Og ikkje berre det – også Rebekka fekk to søner med éin mann, Isak, stamfaren vår.
- <sup>11–12</sup> Før dei var fødde, då dei verken hadde gjort godt eller vondt, sa Gud til henne: Den eldste skal tena den yngste. Guds plan og utveljing skulle stå fast og er ikkje avhengig av menneskegjerningar, men berre av han som kallar.
- <sup>13</sup> For det står skrive: Jakob elska eg, men Esau hadde eg uvilje mot.
- <sup>14</sup> Kva skal vi seia til dette? Er Gud urettferdig? Langt ifrå!
- <sup>15</sup> For til Moses seier han: Eg vil miskunna meg over den eg vil, og ynkast over den eg vil.
- <sup>16</sup> Så står det ikkje til den som vil, og ikkje til den som strevar, men til Gud som miskunnar seg.
- <sup>17</sup> For Skrifta seier til farao: Når eg lét deg stiga fram, var det fordi eg ville visa mi makt på deg, og for at namnet mitt skal bli forkynt over heile jorda.
- <sup>18</sup> Det viser at han gjer miskunn mot den han vil, og forherdar den han vil.
- <sup>19</sup> No vil du vel seia: «Kva har han då å klaga oss for? Kven kan stå imot hans vilje?»
- <sup>20</sup> Men kven er du, menneske, som tek til motmæle mot Gud? Kan verket seia til handverkaren: «Kvifor laga du meg slik?»
- <sup>21</sup> Eller har ikkje pottetakaren makt over leira, så han av same leirklumpen kan laga ei krukke til fint bruk og ei anna til simplare bruk?
- <sup>22</sup> Og endå Gud ville visa sin vreide og kunngjera si makt, har han med stort tolmod bore over med dei krukkene som var under vreiden og laga for å gå til grunne.
- <sup>23</sup> Han gjorde det for å kunngjera kor rik hans herlegdom er for dei som han ville visa miskunn, dei som han på førehand hadde gjort ferdige til herlegdom.



<sup>24</sup>Oss òg har han kalla til å vera slike krukker, ikkje berre mellom jødane, men mellom heidningane òg.

<sup>25</sup>Som han seier hos Hosea: Dei som ikkje var mitt folk, vil eg kalla mitt folk, og henne som eg ikkje elska, vil eg kalla den som eg elskar.

<sup>26</sup>Der det før vart sagt til dei: «De er ikkje mitt folk», der skal dei kallast borna til den levande Gud.

<sup>27</sup>Og Jesaja ropar ut over Israel: Om Israelsborna var så talrike som havsens sand, skal berre ein rest bli frelst.

<sup>28</sup>For i hast skal Herren slutføra sin rekneskap på jorda.

<sup>29</sup>Og som Jesaja før har sagt: Hadde ikkje Herren over hærskarane late nokon av vår ætt leva, då var vi som Sodoma, då likna vi Gomorra.

### Israel og evangeliet

<sup>30</sup>Kva skal vi då seia? Jau, heidningane som ikkje jaga etter å få rettferd, dei har vunne rettferd, det vil seia: rettferda av tru.

<sup>31</sup>Men Israel, som jaga etter lova for å vinna rettferd, dei nådde ikkje fram.

<sup>32</sup>Kvifor ikkje? Fordi dei heldt seg til gjerningar og ikkje til tru. Dei støytte seg på støytsteinen,

<sup>33</sup>som det står skrive: Sjå, på Sion legg eg ein støytstein og eit berg til fall. Men den som trur på han, skal ikkje bli til skamme.

### Romarane 10

<sup>1</sup>Mine sysken, eg ønskjer av hjartet og bed til Gud at dei må bli frelste.

<sup>2</sup>For eg må gje dei dette vitnemålet: Dei brenn for Guds sak, men utan verkeleg å kjenna han.

<sup>3</sup>Dei kjenner ikkje Guds rettferd, men prøver å byggja si eiga rettferd; difor har dei ikkje bøygd seg inn under rettferda frå Gud.

<sup>4</sup>For Kristus er endepunktet for lova, så kvar den som trur, skal bli rettferdig.

- <sup>5</sup> Moses skriv om den rettferda som lova gjev: Det mennesket som lever etter boda, skal ha liv ved dei.
- <sup>6</sup> Men den rettferda som kjem av tru, seier: Tenk ikkje med deg sjølv: Kven skal fara opp til himmelen? – det vil seia for å henta Kristus ned –
- <sup>7</sup> eller: Kven skal stiga ned i avgrunnen? – det vil seia for å henta Kristus opp frå dei døde.
- <sup>8</sup> Men kva seier ho? Ordet er deg nær, i din munn og i ditt hjarte. Det er ordet om trua, det som vi forkynner.
- <sup>9</sup> For vedkjenner du med munnen din at Jesus er Herre, og trur du i hjartet ditt at Gud reiste han opp frå dei døde, då skal du bli frelst.
- <sup>10</sup> Med hjartet trur vi så vi blir rettferdige, og med munnen vedkjenner vi så vi blir frelste.
- <sup>11</sup> Skrifta seier: Ingen som trur på han, skal bli til skamme.
- <sup>12</sup> For her er det ingen skilnad på jøde og grekar: Alle har dei same Herren, og han er rik nok for alle som kallar på han.
- <sup>13</sup> Kvar den som kallar på Herrens namn, skal bli frelst.
- <sup>14</sup> Men korleis kan dei kalla på ein som dei ikkje trur på? Og korleis kan dei tru på ein som dei ikkje har høyrte om? Og korleis kan dei høyra utan at nokon forkynner?
- <sup>15</sup> Og korleis kan dei forkynna dersom dei ikkje blir utsende? Som det står skrive: Kor vakre dei er, føtene til dei som kjem med gledebod!
- <sup>16</sup> Men ikkje alle var lydige mot evangeliet. Jesaja seier: Herre, kven trudde budskapeten vår?
- <sup>17</sup> Så kjem då trua av budskapeten ein høyrer, og budskapeten kjem ved Kristi ord.
- <sup>18</sup> Har dei ikkje høyrte, spør eg då. Jau, sanneleg: Deira røyst har nådd ut over heile jorda, orda dit verda endar.

<sup>19</sup> Men så spør eg: Kan henda Israel ikkje har skjøna det? Først seier Moses: Eg vil gjera dykk sjalu på dei som ikkje er eit folk, på eit uvitug folk gjer eg dykk rasande.

<sup>20</sup> Og Jesaja går så langt at han seier: Eg vart funnen av dei som ikkje søkte meg, eg openberra meg for dei som ikkje spurde etter meg.

<sup>21</sup> Men om Israel seier han: Heile dagen rette eg ut mine hender til eit ulydig og trassig folk.

## Romarane 11

### Frelse for heidningane – frelse for Israel

<sup>1</sup> No spør eg: Har Gud støytt ifrå seg folket sitt? Langt ifrå! Eg er sjølv ein israelitt, av Abrahams ætt og Benjamins stamme.

<sup>2</sup> Gud har ikkje støytt ifrå seg folket sitt, det folket han hadde vedkjent seg. Eller veit de ikkje kva Skrifta seier i forteljinga om Elia, korleis han stig fram for Gud med skuldingar mot Israel?

<sup>3</sup> «Herre, profetane dine har dei drepe, og altara dine har dei rive ned. Eg er den einaste som er att, og no står dei meg etter livet.»

<sup>4</sup> Men korleis lyder det guddomlege svaret han får? «Eg har spart sju tusen mann som ikkje har bøygd kne for Baal.»

<sup>5</sup> På same måten har det i vår tid òg vorte att ein rest som Gud i sin nåde har valt ut.

<sup>6</sup> Men er det av nåde, då er det ikkje på grunn av gjerningar; elles var ikkje nåden lenger nåde.

<sup>7</sup> Kva så? Det Israel søkjer, har dei ikkje oppnådd, men dei utvalde har oppnådd det. Dei andre har vorte forherda,

<sup>8</sup> som det står skrive: Gud har gjeve dei ei sløv ånd, auge som ikkje ser, og øyre som ikkje høyrer, heilt til denne dag.

<sup>9</sup> Og David seier: Lat bordet deira bli ei snare og ei felle, ein snublestokk og ei straff for dei.

<sup>10</sup>Lat auga deira formørkjast så dei ikkje kan sjå, og lat ryggen deira for alltid vera bøygd.

<sup>11</sup> Så spør eg: Snubla dei for at dei skulle falla? Nei, langt ifrå! Men deira fall gjorde at frelsa kom til dei andre folka, og så skulle jødane bli misunnelege på dei.

<sup>12</sup>Når deira fall har ført til rikdom for verda, og deira tap har vorte til rikdom for dei andre folka, kor mykje meir får det ikkje då å seia at dei kjem med i fullt tal?

<sup>13</sup> No talar eg til dykk som er av heidningætt. Så sant eg er apostel for heidningane, set eg tenesta mi høgt,

<sup>14</sup> i håp om at eg kan eggja til misunning dei som er mitt eige kjøt og blod, og frelsa nokre av dei.

<sup>15</sup>Har det vorte til forsoning for verda at dei vart vraka, kva vil det ikkje då føra til at dei blir godtekne? Jau, liv av død!

<sup>16</sup> Er det første brødet heilag, er heile deigen heilag. Er rota heilag, er greinene det òg.

<sup>17</sup> Nokre av greinene er no avbrotne, og du som var ein vill oljekvist, er poda inn mellom greinene og har fått sevje frå rota saman med dei.

<sup>18</sup>Men tenk ikkje om deg sjølv at du er betre enn greinene! Gjer du det, så hugs at det er ikkje du som ber rota, men rota som ber deg.

<sup>19</sup>No vil du kanskje seia: «Greinene vart avbrotne så eg kunne podast inn.»

<sup>20</sup> Ja vel, men det var vantrua som gjorde at dei vart avbrotne, og det er trua som gjer at du blir ståande. Ver ikkje hovmodig, men ottast Gud!

<sup>21</sup>Sparte han ikkje dei naturlege greinene, skal han ikkje spara deg heller.

<sup>22</sup> Sjøå då kor god Gud er, og kor streng – streng mot dei som er falne, men god mot deg så sant du held deg til han som er god. Elles blir du òg avhoggen.

<sup>23</sup> Men dei andre òg skal bli innpoda, om dei då ikkje held fram i vantrua si. Gud har makt til å poda dei inn att.

<sup>24</sup> Du vart hoggen av frå eit vilt oliventre og mot naturen innpoda på eit godt tre. Kor mykje meir skal ikkje då dei naturlege greinene podast inn att i sitt eige oliventre?

<sup>25</sup> Eg vil ikkje at de skal vera uvitande om denne løyndomen, sysken, så de har for høge tankar om dykk sjølve: For ein del av Israel har vorte forherda, heilt til heidningane er komne inn i fullt tal.

<sup>26</sup> På den måten skal heile Israel bli frelst, som det står skrive: Frå Sion skal redningsmannen koma, han skal rydda gudløysa bort frå Jakob.

<sup>27</sup> Dette er mi pakt med dei når eg tek bort syndene deira.

<sup>28</sup> På grunn av evangeliet har dei vorte Guds fiendar, slik at de skal få frelsa. Men på grunn av utveljinga er dei elska av Gud, for fedrane skuld.

<sup>29</sup> For Gud angrar ikkje på sine nådegåver og si utveljing.

<sup>30</sup> De var ein gong ulydige mot Gud, men no har de fått miskunn fordi dei andre var ulydige.

<sup>31</sup> På same vis har dei no vore ulydige, for at den miskunn de har fått, skal føra til at dei òg no får miskunn.

<sup>32</sup> Gud lét alle vera ulydige, så han kunne miskunna seg over alle.

<sup>33</sup> Å, for eit djup av rikdom og visdom og kunnskap hos Gud! Kor uransakelege hans dommar er, og kor ufattelege hans vegar!

<sup>34</sup> Kven kjende Herrens sinn, eller kven var rådgjevaren hans?

<sup>35</sup> Kven gav han noko først så han skulle få vederlag?

<sup>36</sup> Av han og ved han og til han er alle ting. Han vere ære i all æve! Amen.

## Romarane 12

### Det kristne livet

- <sup>1</sup> Difor legg eg dykk på hjartet, sysken, ved Guds miskunn, at de må bera fram kroppen dykkar som eit levande og heilagt offer, til glede for Gud. Det skal vera dykkar åndelege gudsteneste.
- <sup>2</sup> Og innrett dykk ikkje etter denne verda, men lat dykk omskapa ved at de får eit nytt sinn og kan dømma om kva som er Guds vilje: det gode, det som er til glede for Gud, det fullkomne.
- <sup>3</sup> Ved den nåden eg har fått, seier eg til kvar og ein av dykk: Tenk ikkje for store tankar om deg sjølv, men bruk forstand og ver sindig! – kvar og ein etter den trua som Gud har tilmålt han.
- <sup>4</sup> Vi har éin kropp, men mange lemer, og alle lemene har kvar sine oppgåver.
- <sup>5</sup> På same måten er vi alle éin kropp i Kristus, men kvar for oss er vi lemer for kvarandre.
- <sup>6</sup> Vi har ulike nådegåver alt etter den nåden Gud har gjeve oss. Den som har profetgåve, skal bruka henne i samsvar med trua;
- <sup>7</sup> den som har ei teneste, skal ta seg av tenesta si. Den som er lærar, skal ta seg av opplæringa,
- <sup>8</sup> og den som trøystar, skal verkeleg trøysta. Den som gjev av sitt eige, skal gjera det av eit heilt hjarte, den som er sett til å leia, skal gjera det med iver, den som gjer miskunn, skal gjera det med glede.
- <sup>9</sup> Lat kjærleiken vera ekte! Avsky det vonde og hald dykk til det gode!
- <sup>10</sup> Elsk kvarandre med inderleg syskenkjærleik; set dei andre høgare enn dykk sjølve!
- <sup>11</sup> Ver ikkje lunka, men ivrige. Ver brennande i Anden, ten Herren!
- <sup>12</sup> Ver glade i vona, tolmodige i motgangen, uthaldande i bønna.
- <sup>13</sup> Ver med og hjelp dei heilage som lid naud, og legg vinn på å vera gjestfrie.
- <sup>14</sup> Velsign dei som forfølgjer dykk, velsign og forbann ikkje.
- <sup>15</sup> Gled dykk med dei glade og gråt med dei som græt.

- <sup>16</sup> Ha ei og same haldninga dykk imellom, trakt ikkje etter det høge, men hald dykk gjerne til det låge. Ver ikkje sjølvkloke!
- <sup>17</sup> Løn ikkje vondt med vondt; ha tanke for det som er godt for alle menneske.
- <sup>18</sup> Gjer alt de kan for å halda fred med alle menneske, så langt det er mogleg.
- <sup>19</sup> Ta ikkje hemn, mine kjære, men overlåt vreiden til Gud. For det står skrive: Hemnen høyrer meg til, eg skal gjengjelda, seier Herren.
- <sup>20</sup> Men: Er fienden din svolten, så lat han få mat, er han tørst, så gjev han drikke. Gjer du det, samlar du glødande kol på hovudet hans.
- <sup>21</sup> Lat ikkje det vonde få vinna over deg, men vinn over det vonde med det gode!

## Romarane 13

### Tilhøvet til styresmaktene

- <sup>1</sup> Kvar og ein skal vera lydig mot dei styresmaktene han har over seg. For det finst inga styresmakt som ikkje er av Gud, og dei som finst, er innsette av Gud.
- <sup>2</sup> Den som set seg opp mot styresmakta, står difor imot det Gud har fastsett, og dei som gjer det, skal få sin dom.
- <sup>3</sup> For dei som styrer, skaper ikkje frykt hos den som gjer det gode, men hos den som gjer det vonde. Vil du sleppa å vera redd styresmakta? Gjer det som godt er, og du skal få ros.
- <sup>4</sup> For styresmakta er Guds tenar, til beste for deg. Men gjer du det vonde, har du grunn til å vera redd. Styresmakta ber ikkje sverdet utan grunn, men er Guds tenar som set hans vreidedom i verk over den som gjer det vonde.
- <sup>5</sup> Difor må de vera lydige, ikkje berre for å sleppa straff, men òg av omsyn til samvitet.
- <sup>6</sup> Det er òg grunnen til at de betaler skatt. For styresmaktene er Guds tenarar, og dei er sette til å ta hand om slike ting.

<sup>7</sup> Gjev alle det du skuldar dei: Betal skatt til den som skatt skal ha, og toll til den som toll skal ha. Ha respekt for den som har krav på respekt, gjev ære til den de skuldar ære.

#### **Kjærleiken er oppfyljing av lova**

<sup>8</sup> Ha inga skuld til nokon, anna enn det å elska kvarandre. Den som elsker nesten, har oppfylt lova.

<sup>9</sup> For boda: du skal ikkje bryta ekteskapet, du skal ikkje slå i hel, du skal ikkje stela, du skal ikkje lysta, eller kva anna bod det skal vera, dei samlar seg til eitt i dette: Du skal elska nesten din som deg sjølv.

<sup>10</sup> Kjærleiken gjer ikkje noko vondt mot nesten. Difor er kjærleiken oppfyljing av lova.

<sup>11</sup> Dessutan veit de kor langt det lid: Timen er komen då de må vakna opp av søvnen, for frelsa er oss nærare no enn då vi kom til trua.

<sup>12</sup> Natta lid, og det stundar mot dag. Lat oss difor leggja bort dei gjerningane som høyrer mørkret til, og kle oss i den rustning som høyrer lyset til.

<sup>13</sup> Lat oss vandra sømeleg, som på lyse dagen, ikkje i festing og fyll, ikkje i hor og utskeiing, ikkje i strid og misunning.

<sup>14</sup> Men kled dykk i Herren Jesus Kristus, og ha ikkje slik omsorg for kroppen at det vekkjer lyster.

## **Romarane 14**

### **Samhald i forsamlinga**

<sup>1</sup> Ta imot den som er veik i trua, utan å gjera dykk til dommarar over tankane hans.

<sup>2</sup> Éin har ei tru som tillèt han å eta alt, den veike et berre grønsaker.

<sup>3</sup> Den som et alt, skal ikkje sjå ned på den som ikkje et alt. Og den som lèt vera å eta, skal ikkje dømme den som et. For Gud har teke imot han.



<sup>4</sup> Kven er du som dømmer tenaren til ein annan? Om han står eller fell, er ei sak mellom han og herren hans. Og han skal bli ståande, for Herren har makt til å halda han oppe.

<sup>5</sup> Den eine gjer forskjell på dagar, den andre held alle dagar for like. Lat kvar og ein vera fullt overtydd om sitt eige syn.

<sup>6</sup> Den som set ein dag framfor andre, gjer det for Herren, og den som et, gjer det for Herren, for han takkar Gud. Det same gjer den som ikkje et: Han gjer det for Herren og takkar Gud.

<sup>7</sup> For ingen av oss lever for seg sjølv, og ingen døyr for seg sjølv.

<sup>8</sup> Lever vi, så lever vi for Herren, og døyr vi, så døyr vi for Herren. Anten vi då lever eller døyr, høyrer vi Herren til.

<sup>9</sup> Difor var det Kristus døydde og vart levande att: Han skulle vera herre over både levande og døde.

<sup>10</sup> Men du, kvifor dømmer du bror din, eller kvifor ser du ned på bror din? Vi skal alle fram for Guds domstol,

<sup>11</sup> for det står skrive: Så visst som eg lever, seier Herren, for meg skal kvart kne bøya seg, og kvar tunge skal vedkjennast Gud.

<sup>12</sup> Så skal då kvar og ein av oss leggja fram sin eigen rekneskap {{for Gud}}.

<sup>13</sup> Lat oss ikkje lenger dømme kvarandre! Døm heller slik: Ingen må få bror sin eller syster si til å snubla og falla.

<sup>14</sup> I Herren Jesus veit eg sikkert og visst at ingenting er ureint i seg sjølv. Men for den som held noko for ureint, er det ureint.

<sup>15</sup> Gjer du bror din eller syster di sorg med maten du et, då går du ikkje fram med kjærleik. Den som Kristus døydde for, må ikkje du føra i fortaping med maten din.

<sup>16</sup> Lat ikkje det gode de eig, bli til spott.

<sup>17</sup> For Guds rike er ikkje mat og drikke, men rettferd, fred og glede i Den heilage ande.

<sup>18</sup>Den som tener Kristus på denne måten, han er til glede for Gud og får respekt mellom menneske.

<sup>19</sup>Lat oss difor streva etter det som fører til fred og til oppbygging oss imellom!

<sup>20</sup>Riv ikkje ned Guds verk av omsyn til mat. Visst er alt reint, men om eit menneske et noko slik at det blir årsak til fall, då er det av det vonde.

<sup>21</sup>Det er rett å ikkje eta kjøt eller drikka vin eller gjera noko anna som fører bror din til fall.

<sup>22</sup>Den tru du har, skal du halda for deg sjølv, for Guds andlet. Sæl er den som ikkje dømmer seg sjølv på grunn av det han vel å gjera.

<sup>23</sup>Men den som et med tvil, han er dømd fordi han ikkje gjer det i tru. Alt som ikkje er av tru, er synd.

## Romarane 15

<sup>1</sup>Vi som er sterke, må bera veikskapen til dei veike og ikkje tenkja på oss sjølve.

<sup>2</sup>Kvar og ein av oss skal tenkja på kva som er til beste for nesten, og gjera det som tener til oppbygging.

<sup>3</sup>For Kristus tenkte ikkje på seg sjølv. Slik det står skrive: På meg fall spottorda frå dei som spottar deg.

<sup>4</sup>Og alt som før er skrive, er skrive for at vi skal læra av det: Vi skal få håp gjennom det tolmod og den trøyst som skriftene gjev.

<sup>5</sup>Må Gud sjølv, som gjev tolmod og trøyst, gje dykk alle same sinn etter Kristi Jesu vilje.

<sup>6</sup>Då kan de samstemde og med éin munn prisa Gud, vår Herre Jesu Kristi Far.

<sup>7</sup>Ta difor imot kvarandre slik Kristus tok imot dykk, til Guds ære.

<sup>8</sup>For det seier eg dykk: Kristus vart ein tenar for dei omskorne for å visa at Gud talar sant, og for å stadfesta dei lovnader som fedrane fekk,

<sup>9</sup>men òg for at heidningfolka skal prisa Gud for hans miskunn, som det står skrive: Difor vil eg prisa deg mellom folka og lovsyngja ditt namn.

<sup>10</sup>Og ein annan stad heiter det: Gled dykk, de folkeslag, saman med hans folk!

<sup>11</sup>Og endå ein annan stad: Lovsyng Herren, alle folk, pris han, alle folkeslag!

<sup>12</sup>Og Jesaja seier: Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von.

<sup>13</sup>Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft.

### **Tenesta til Paulus og planane hans**

<sup>14</sup>Eg har den tru om dykk òg, mine sysken, at de er fylte av det gode, og at de har kunnskap nok, så de òg kan rettleia kvarandre.

<sup>15</sup>Likevel har eg nokre stader skrive nokså ope og direkte for å minna dykk om det som de før har høyrte. Eg gjer det i kraft av den nåde Gud har gjeve meg:

<sup>16</sup>at eg skal vera Kristi Jesu tempelprest mellom folkeslaga. Mi heilage teneste er å forkynna evangeliet, så folkeslaga kan bli ei offergåve til glede for Gud, helga ved Den heilage ande.

<sup>17</sup>I Kristus Jesus kan eg vera glad og stolt over denne tenesta for Gud.

<sup>18</sup>Men eg vågar ikkje å tala om anna enn det Kristus har gjort gjennom meg for å føra folkeslaga til lydnad. Dette har eg fått gjera med ord og i gjerning,

<sup>19</sup>ved mektige teikn og under og ved Andens kraft. Så har eg fullført forkynninga av Kristi evangelium vidt omkring, frå Jerusalem og heilt til Illyria.

<sup>20</sup>Eg har alltid sett mi ære i å forkynna evangeliet der Kristi namn ikkje er kjent, så eg ikkje skal byggja på ein grunnvoll som andre har lagt,

<sup>21</sup>men som det står skrive: Dei som ikkje har fått budskapet om han, skal sjå, og dei som ikkje har høyrte, skal skjøna.

- <sup>22</sup> Det er dette som gong på gong har hindra meg i å koma til dykk.
- <sup>23</sup> Men no er det ikkje meir å gjera for meg i desse landa, og i fleire år har eg lengta etter å koma til dykk
- <sup>24</sup> og så halda fram til Spania. Eg vonar at eg skal få sjå dykk når eg dreg forbi, og at de vil hjelpa meg med det eg treng til reisa dit, når eg først har fått gledd meg ei stund i samværet med dykk.
- <sup>25</sup> Men no dreg eg til Jerusalem med hjelpa til dei heilage der.
- <sup>26</sup> Forsamlingane i Makedonia og Akaia har sagt at dei vil samla inn ei gåve til dei fattige mellom dei heilage i Jerusalem.
- <sup>27</sup> Det vil dei gjerne gjera; dei står òg i gjeld til dei. Dei skyldar å hjelpa dei med materielle gåver når dei sjølve, som heidningar, har fått del i deira åndelege gåver.
- <sup>28</sup> Når eg har fullført dette og fruktene av innsamlinga godt og vel er i deira hender, då reiser eg til Spania og legg vegen om dykk.
- <sup>29</sup> Og eg veit at når eg kjem til dykk, skal eg koma med ein rikdom av Kristi velsigning.
- <sup>30</sup> Eg legg dykk på hjartet, sysken, ved vår Herre Jesus Kristus og ved Andens kjærleik: Strid saman med meg ved å be til Gud for meg.
- <sup>31</sup> Be om at eg må bli berga frå dei vantruande i Judea, og at dei heilage i Jerusalem må ta vel imot den hjelpa eg kjem med.
- <sup>32</sup> Då kan eg, om Gud vil, koma til dykk med glede og få kvila ut saman med dykk.
- <sup>33</sup> Fredens Gud vere med dykk alle! Amen.

## Romarane 16

### Helsingar

- <sup>1</sup> Eg vil leggja inn eit godt ord hos dykk for Føbe, syster vår; ho er ein diakon frå forsamlinga i Kenkreæ.

<sup>2</sup>Ta imot henne i Herren som det sømer seg for dei heilage. Stå til teneste for henne i alle oppgåver der ho kan trenga hjelp av dykk. For sjølv har ho vore til hjelp for mange, også for meg.

<sup>3</sup>Hels Priska og Akvilas, medarbeidarane mine i Kristus Jesus.

<sup>4</sup>Dei la halsen på blokka for å berga livet mitt, noko ikkje berre eg, men alle dei heidningkristne forsamlingane vil takka dei for.

<sup>5</sup> Hels òg forsamlinga som kjem saman i huset deira. Hels min kjære Epainetos, han som er den første frukta for Kristus i Asia.

<sup>6</sup>Hels Maria, som har arbeidd og slite så mykje for dykk.

<sup>7</sup>Hels Andronikos og Junia, som er landsmennene mine og fengselskameratane mine. Dei har eit godt namn mellom apostlane, og dei kom til trua på Kristus før meg.

<sup>8</sup>Hels Ampliatus, min kjære ven i Herren.

<sup>9</sup>Hels Urbanus, vår medarbeidar i Kristus, og min kjære Stakys.

<sup>10</sup>Hels Apelles, som er vel prøvd i Kristus. Hels alle hos Aristobolos.

<sup>11</sup>Hels Herodion, landsmannen min. Hels alle hos Narkissos som høyrer Herren til.

<sup>12</sup>Hels Tryfena og Tryfosa, som arbeider hardt for Herren. Hels den kjære Persis, som har arbeidd så mykje for Herren.

<sup>13</sup>Hels Rufus, Herrens utvalde, og mor hans; ho har vore ei mor for meg òg.

<sup>14</sup>Hels Asynkritos, Flegon, Hermes, Patrobas, Hermas og syskena som er saman med dei.

<sup>15</sup>Hels Filologos og Julia, Nerevs og syster hans og Olympas, og alle dei heilage som er saman med dei.

<sup>16</sup> Hels kvarandre med eit heilagt kyss! Alle Kristi forsamlingar helsar dykk.

<sup>17</sup> Eg legg dykk på hjartet, sysken, at de må halda auge med dei som skaper splitting og får dykk til å falla frå den læra de har teke imot. Hald dykk ifrå dei!

<sup>18</sup> Slike menneske tener ikkje Herren Jesus Kristus, men sin eigen mage. Med fine ord og lokkande tale forfører dei slike som er godtruande av hjartet.

<sup>19</sup> Men alle har høyrte om lydnaden dykkar, og difor gleder eg meg over dykk. Eg vil at de skal vera kloke i det gode og uskuldige i det vonde.

<sup>20</sup> Må fredens Gud snart knusa Satan under føtene dykkar! Vår Herre Jesu nåde vere med dykk!

<sup>21</sup> Timoteus, medarbeidaren min, og Lukius, Jason og Sosipater, landsmennene mine, helsar dykk.

<sup>22</sup> Eg, Tertius, som har skrive ned brevet, helsar dykk i Herren.

<sup>23</sup> Gaius, som er vert for meg og heile forsamlinga, helsar dykk. Erastos, rekneskapsføraren i byen, helsar dykk, like eins Kvartus, bror vår.

<sup>24</sup> {{Vår Herre Jesu Kristi nåde vere med dykk alle! Amen.}}

<sup>25</sup> Lova vere Gud, han som har makt til å styrkja dykk med mitt evangelium, budskapen om Jesus Kristus, etter openberringa av det mysteriet som har vore løynt frå evige tider,

<sup>26</sup> men som no er kome for dagen. Gjennom profetiske skrifter og etter påbod frå den evige Gud er dette mysteriet no kunngjort for alle folkeslag for å føra dei til lydnad i tru.

<sup>27</sup> Han, den einaste vise Gud, vere ære ved Jesus Kristus i all æve! Amen.

## 1. Korintar

### 1. Korintar 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Paulus, som etter Guds vilje er kalla til Kristi Jesu apostel, og bror vår Sostenes

<sup>2</sup> helsar Guds forsamling i Korint, de som er helga i Kristus Jesus og kalla til å vera heilage saman med alle som kvar på sin stad påkallar vår Herre Jesu Kristi namn – han som er deira og vår Herre:

<sup>3</sup> Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

#### Takk til Gud

<sup>4</sup> Eg takkar alltid min Gud for dykk, for Guds nåde som er gjeven dykk i Kristus Jesus.

<sup>5</sup> I han har de vorte rike på alt, på all lære og all kunnskap.

<sup>6</sup> Så er òg vitnemålet om Kristus grunnfest mellom dykk,

<sup>7</sup> så de ikkje manglar noka nådegåve medan de ventar på at vår Herre Jesus Kristus skal openberra seg.

<sup>8</sup> Han skal òg grunnfesta dykk til enden kjem, så de kan stå ulastelege på vår Herre Jesu Kristi dag.

<sup>9</sup> Gud er trufast, han som har kalla dykk til fellesskap med sin Son, Jesus Kristus, vår Herre.

#### Strid i forsamlinga

(1,10–4,21)

#### Åtvaring mot usemje

<sup>10</sup> Eg legg dykk på hjartet, sysken, ved vår Herre Jesu Kristi namn, at de må vera samde. De må ikkje splitta dykk i flokkar, men vera nært knytte saman, i same syn og same tanke.

<sup>11</sup> For dei hos Kloe har fortalt meg, sysken, at det er strid mellom dykk.

<sup>12</sup> Eg siktar til at nokre av dykk seier: «Eg held meg til Paulus», medan andre seier: «til Apollos», «til Kefas» eller «til Kristus».

<sup>13</sup>Er Kristus delt? Var det kanskje Paulus som vart krossfest for dykk? Eller var det til namnet åt Paulus de vart døypte?

<sup>14</sup>Eg takkar Gud for at eg ikkje har døypt nokon andre av dykk enn Krispus og Gaius,

<sup>15</sup>så ingen skal seia at de vart døypte til mitt namn.

<sup>16</sup> Rett nok har eg òg døypt Stefanus og alle heime hos han, men elles veit eg ikkje av at eg har døypt nokon annan.

<sup>17</sup> For Kristus har ikkje sendt meg ut for å døypa, men for å forkynna evangeliet, og då ikkje med talekunst og visdom, så Kristi kross ikkje skal mista si kraft.

### **Guds visdom og menneskevisdom**

<sup>18</sup> For ordet om krossen er dårskap for dei som går fortapt, men for oss som blir frelste, er det Guds kraft.

<sup>19</sup> For det står skrive: Eg vil gjera ende på visdomen hos dei vise, og klokskapen hos dei kloke vil eg gjera til inkjes.

<sup>20</sup> Kvar er så dei vise? Kvar er dei skriftlærde? Kvar er dei kloke hovuda i denne verda? Har ikkje Gud vist at visdomen i verda er dårskap?

<sup>21</sup> For då verda ikkje nytta visdomen til å læra Gud å kjenna i hans visdom, då valde Gud å frelsa dei som trur, ved den dårskapen vi forkynner.

<sup>22</sup> For jødar spør etter teikn, og grekarar søkjer visdom,

<sup>23</sup> men vi forkynner ein krossfest Kristus. Han er ein snublestein for jødar og ein dårskap for heidningar.

<sup>24</sup> Men for dei som er kalla, både jødar og grekarar, er Kristus Guds kraft og Guds visdom.

<sup>25</sup> For Guds dårskap er visare enn menneske, og Guds veikskap er sterkare enn menneske.

<sup>26</sup> Sjå berre kven de sjølve er, sysken, de som vart kalla: ikkje mange vise etter menneskelege mål og ikkje mange mektige eller av fornem slekt.



<sup>27</sup> Men det som går for å vera dårskap i verda, det valde Gud seg ut, så han kunne gjera dei vise til skamme. Det som blir rekna som veikt i verda, det valde Gud seg ut, så han kunne gjera det sterke til skamme.

<sup>28</sup> Ja, det som står lågt i verda, det som blir sett ned på, det som ikkje er noko, det valde Gud seg ut, så han kunne gjera til inkjes det som er noko,

<sup>29</sup> for at ingen menneske skal ha noko å vera stolte av for Gud.

<sup>30</sup> De er hans verk i Kristus Jesus, han som har vorte vår visdom frå Gud, vår rettferd, helging og utløsning,

<sup>31</sup> så den som er stolt, skal vera stolt av Herren, slik det står skrive.

## 1. Korintar 2

### Guds mysterium er openberra

<sup>1</sup> Då eg kom til dykk, sysken, var det ikkje med meisterskap i talekunst eller visdom eg forkynte Guds mysterium.

<sup>2</sup> For eg hadde fastsett at eg ikkje ville vita av noko anna hos dykk enn Jesus Kristus og han krossfest.

<sup>3</sup> Veik, redd og skjelvande var eg mellom dykk.

<sup>4</sup> Og eg bar ikkje fram budskapet min med overtydande visdomsord, men med Ande og kraft som prov.

<sup>5</sup> For trua dykkar skulle ikkje byggja på menneskevisdom, men på Guds kraft.

<sup>6</sup> Men vi forkynner ein visdom for dei som er mogne, ein visdom som ikkje høyrer denne verda til, eller herrane i denne verda, dei som går til grunne.

<sup>7</sup> Nei, vi forkynner eit mysterium, Guds løynde visdom. Før tidene tok til, hadde Gud fastsett at denne visdomen skulle føra oss fram til herlegdomen.

<sup>8</sup> Denne visdomen har ingen av herrane i verda kjent. Hadde dei kjent den, hadde dei ikkje krossfest herlegdomens Herre.

<sup>9</sup> Men som det står skrive: Det auge ikkje såg og øyre ikkje hørde, det som ikkje kom opp i noko menneskehjarte, alt det Gud har gjort ferdig for dei som elsker han,

<sup>10</sup> det har Gud openberra for oss ved sin Ande. For Anden utforskar alle ting, til og med djupnene i Gud.

<sup>11</sup> For kven veit kva som bur i mennesket, utan ånda som er i mennesket? Så veit heller ingen annan enn Guds Ande kva som bur i Gud.

<sup>12</sup> Men vi har ikkje fått den ånd som høyrer verda til, men den Ande som er frå Gud, så vi skal skjønna kva Gud i sin nåde har gjeve oss.

<sup>13</sup> Og dette talar vi om med ord som Anden har lært oss, ikkje med ord som menneskeleg visdom har lært oss. For det åndelege tolkar vi med ord som høyrer Anden til.

<sup>14</sup> Menneska slik dei er i seg sjølve, tek ikkje imot det som høyrer Guds Ande til. Det er dårskap for dei, og dei kan ikkje forstå det, for det kan berre dømmast om på åndeleg vis.

<sup>15</sup> Men det mennesket som har Anden, kan dømma om alt, og sjølv kan det ikkje dømmast av nokon.

<sup>16</sup> For kven kjende Herrens sinn, så han kunne gje han råd? Men vi har Kristi sinn.

## 1. Korintar 3

### Guds medarbeidarar og Guds bygning

<sup>1</sup> Likevel, sysken, kunne eg ikkje tala til dykk som til menneske som har Anden. Nei, eg måtte tala til menneske styrte av kjøt og blod, som til spedborn i Kristus.

<sup>2</sup> Mjølkk gav eg dykk å drikka og ikkje fast føde, for det kunne de ikkje tola. Ja, de toler det ikkje enno,

<sup>3</sup> for framleis er det berre kjøt og blod som rår i dykk. Når det er misunning og strid mellom dykk, er de ikkje då styrte av kjøtet og går fram på same måten som alle andre menneske?

<sup>4</sup> Når ein seier: «Eg held meg til Paulus» og ein annan: «Eg til Apollos», er de ikkje då som alle andre menneske?

<sup>5</sup> Kva er vel Apollos? Og kva er Paulus? Tenarar som hjelpte dykk til tru! Begge gjorde vi det Herren hadde sett oss til:

<sup>6</sup> Eg planta, Apollos vatna, men Gud gav vekst.

<sup>7</sup> Så er dei ikkje noko, korkje den som plantar eller den som vatnar. Berre Gud er noko, han som gjev vekst.

<sup>8</sup> Den som plantar og den som vatnar, er eitt, men dei skal få løn, kvar etter sitt eige arbeid.

<sup>9</sup> For vi er Guds medarbeidarar; de er Guds åkerland, Guds bygning.

<sup>10</sup> Etter den nåde Gud har gjeve meg, har eg lagt grunnvoll som ein klok byggmeister, og andre byggjer oppå. Men kvar einskild må vera nøye med korleis han byggjer.

<sup>11</sup> For ingen kan leggja ein annan grunnvoll enn den som alt er lagd, Jesus Kristus.

<sup>12</sup> Men om nokon byggjer på denne grunnvollen med gull, sølv eller dyre steinar, med tre, høy eller halm,

<sup>13</sup> så skal det ein gong visa seg kva slag arbeid kvar einskild har gjort. Herrens dag skal gjera det klårt, for den dagen blir openberra med eld, og elden skal prøva det kvar einskild har gjort.

<sup>14</sup> Om det byggverket nokon har reist, blir ståande, skal han få si løn;

<sup>15</sup> om det brenn opp, må han lida tapet. Sjølv skal han bli frelst, men berre som gjennom eld.

<sup>16</sup> Veit de ikkje at de er Guds tempel, og at Guds Ande bur i dykk?

<sup>17</sup>Om nokon øydelegg Guds tempel, skal Gud øydeleggja han. For Guds tempel er heilagt, og dette tempelet er de.

<sup>18</sup>Ingen må narra seg sjølv! Om nokon av dykk meiner seg å vera vis i denne verda, lat han då bli ein dåre, så han kan bli verkeleg vis.

<sup>19</sup>For visdomen i denne verda er dårskap i Guds auge. For det står skrive: Han fangar dei vise i deira list,

<sup>20</sup>og ein annan stad: Herren kjenner tankane til dei vise, han veit at dei er tomme.

<sup>21</sup>Difor må ingen skryta av å vera tilhengjar av menneske. For alt høyrer dykk til,

<sup>22</sup>anten det er Paulus, Apollos eller Kefas, anten det er verda, livet eller døden, det som no er, eller det som koma skal. Alt høyrer dykk til,

<sup>23</sup>men de høyrer Kristus til, og Kristus høyrer Gud til.

## 1. Korintar 4

### Apostlane og tenesta

<sup>1</sup>Så skal de sjå på oss som Kristi tenarar og forvaltarar av Guds mysterium.

<sup>2</sup>Og av forvaltarar krevst det at dei viser truskap.

<sup>3</sup>Men for meg har det ingen ting å seia om eg blir dømd av dykk eller av nokon menneskeleg domstol. Ja, eg dømmar ikkje meg sjølv eingong,

<sup>4</sup>for eg veit ikkje om at eg har gjort noko gale. Men eg er ikkje dermed frikjend, for Herren er den som dømmar meg.

<sup>5</sup>Døm difor ikkje før tida, før Herren kjem. Han skal få fram i lyset det som er løynt i mørkret, og visa kva menneska ber i hjartet, og då skal kvar og ein få sin ros av Gud.

<sup>6</sup>Her har eg brukt meg sjølv og Apollos som døme for dykk, sysken. Av oss skal de læra å «ikkje gå ut over det som står skrive», så ingen blæs seg opp og held med den eine framfor den andre.

<sup>7</sup> Kven har sett deg høgare enn andre? Kva anna har du enn det du har fått? Og har du fått noko, kvifor skryter du då, som om du ikkje hadde fått det i gåve?

<sup>8</sup> Men de er alt mette! De har alt vorte rike, ja, de har vorte kongar, men utan oss! Ja, hadde de endå vorte kongar, så kunne vi styra saman med dykk!

<sup>9</sup> Men for meg ser det ut til at Gud har gjeve oss apostlar den lågaste plassen. Vi er som dødsdømde, stilte fram som eit skodespel for verda, både for englar og for menneske.

<sup>10</sup> Vi er dårar for Kristi skuld, de er dei kloke i Kristus. Vi er veike, de er sterke. De får ære, vi får skam.

<sup>11</sup> Heilt fram til no har vi både svolte og tørsta, vi manglar klede, vi blir slegne, dreg heimlause omkring

<sup>12</sup> og strevar for å livberga oss med våre eigne hender. Når vi blir utskjelte, velsignar vi. Når vi blir forfølgde, held vi ut.

<sup>13</sup> Når nokon spottar oss, svarar vi venleg. Vi har vorte som utskot i verda, som avskum for alle – til denne dag.

<sup>14</sup> Eg skriv ikkje dette for å gjera dykk skamfulle, men fordi de er mine kjære born, vil eg visa dykk til rette.

<sup>15</sup> For om de har tusen lærarar i Kristus, har de ikkje mange fedrar. Og det var eg som vart far dykkar i Kristus Jesus då eg gav dykk evangeliet.

<sup>16</sup> Så legg eg dykk dette på hjartet: De må likna meg!

<sup>17</sup> Difor sender eg Timoteus til dykk, mitt kjære og trufaste barn i Herren. Han skal minna dykk på mine vegar i Kristus Jesus, slik eg lærer overalt i alle forsamlingar.

<sup>18</sup> Nokre hos dykk har blåse seg opp fordi dei trur at eg ikkje kjem til dykk igjen.

<sup>19</sup> Men eg kjem snart, om Herren vil, og då får eg verkeleg kjenna, ikkje orda, men krafta til desse oppblåsne folka.

<sup>20</sup> For Guds rike er ikkje ord, men kraft.

<sup>21</sup> Kva vil de? Skal eg koma til dykk med pisken eller med kjærleik og ei mild ånd?

## 1. Korintar 5

### Blodskam og hor

<sup>1</sup> Rett ut sagt: Ein høyrer om hor hos dykk, til og med slikt som ikkje eingong blir tolt hos heidningane: at ein mann lever saman med kona til far sin.

<sup>2</sup>Og endå er de hovmodige! De skulle heller sørgja, så den som har gjort dette, kunne bli utstøytt frå dykk.

<sup>3</sup>For eg, som er fysisk fråverande, men åndeleg til stades, eg har alt felt dommen over den som har gjort dette, som om eg var til stades.

<sup>4</sup>De skal samlast i Herren Jesu namn, og eg vil vera med dykk i ånda, og vår Herre Jesu kraft skal vera med oss.

<sup>5</sup>Då skal denne mannen overgjevast til Satan og kroppen hans bli øydelagd, så ånda kan bli frelst på Herrens dag.

<sup>6</sup>De har sanneleg ikkje stort å skryta av! Veit de ikkje at litt surdeig gjennomsyrrar heile deigen?

<sup>7</sup>Reins ut den gamle surdeigen så de kan vera ein ny deig: usyra, slik de verkeleg er. For vårt påskelam er slakta, Kristus.

<sup>8</sup>Så lat oss halda høgtid, ikkje med gammal surdeig, ikkje med ein surdeig av vondskap og synd, men med usyra brød av sanning og reinleik.

<sup>9</sup>I brevet til dykk skreiv eg at de ikkje måtte ha omgang med folk som lever i hor.

<sup>10</sup>Då meinte eg ikkje alle her i verda som lever i hor, heller ikkje dei grådige, ransmennene og avgudsdyrkarane. For då måtte de gå ut av denne verda.

<sup>11</sup> Det eg meinte med det eg skreiv, var at de ikkje skal ha noko å gjera med ein som blir kalla bror, men som lever i hor, er grådig eller dyrkar avgudar, er ein spottar, drankar eller ransmann. Slike skal de heller ikkje eta i lag med.

<sup>12</sup> Kva har vel eg med å dømme dei som står utanfor? Er det ikkje dei som er innanfor, de skal dømme?

<sup>13</sup> Dei som står utanfor, skal Gud dømme. Så støyt den vonde ifrå dykk!

## 1. Korintar 6

### Rettsaker mellom kristne

<sup>1</sup>Når ein av dykk har ei sak mot ein annan, korleis kan han då våga å leggja henne fram for dei urettferdige og ikkje for dei heilage?

<sup>2</sup>Veit de ikkje at dei heilage skal dømme verda? Og når de skal dømme verda, kvifor duger de ikkje då til å dømme i småsaker?

<sup>3</sup>Eller veit de ikkje at vi skal dømme englar? Kan de ikkje då dømme i reint jordiske saker?

<sup>4</sup>Men når de har slike jordiske rettsaker, korleis kan de då setja folk til dommarar som ikkje har tillit i forsamlinga?

<sup>5</sup>Dette seier eg for at de kan skamma dykk! Finst det ikkje ein einaste vitug hos dykk som kan dømme i ei sak mellom brør?

<sup>6</sup>Nei, bror fører sak mot bror, og det for dommarar som ikkje trur.

<sup>7</sup>Det er i det heile eit nederlag for dykk at de har rettsaker mot kvarandre. Kvifor lid de ikkje heller urett? Kvifor lid de ikkje heller tap?

<sup>8</sup>Men de gjer urett og lèt andre lida tap – til og med sysken.

<sup>9</sup>Veit de ikkje at dei som gjer urett, ikkje skal arva Guds rike? Far ikkje vill! Verken dei som lever i hor, dei som dyrkar avgudar eller dei som bryt ekteskapet, verken menn som ligg med menn eller lèt seg liggja med,

<sup>10</sup>verken tjuvar, grådige, drankarar, spottarar eller ransmenn skal arva Guds rike.

<sup>11</sup> Slike har somme av dykk vore. Men no er de vaska reine, de har vorte helga, de er gjorde rettferdige i Herren Jesu Kristi namn og i vår Guds Ande.

### **Kroppen høyrer Herren til**

<sup>12</sup> Alt har eg lov til, men ikkje alt tener til det gode. Alt har eg lov til, men eg skal ikkje la noko få makt over meg.

<sup>13</sup> Maten er til for magen, og magen for maten, men Gud skal gjera ende på dei begge. Kroppen er ikkje for hor; han er for Herren, og Herren er for kroppen.

<sup>14</sup> Gud reiste opp Herren, og ved si kraft skal han òg reisa oss opp.

<sup>15</sup> Veit de ikkje at kroppane dykkar er Kristi lemer? Skal eg då ta Kristi lemer og gjera dei til horelemer? Langt ifrå!

<sup>16</sup> Eller veit de ikkje at den som held seg til ei hore, er éin kropp med henne? For det er sagt: Dei to skal vera éin kropp.

<sup>17</sup> Men den som held seg til Kristus, er éi ånd med han.

<sup>18</sup> Hald dykk langt borte frå hor! All synd som eit menneske gjer, er utanfor kroppen. Men den som driv hor, syndar mot sin eigen kropp.

<sup>19</sup> Veit de ikkje at kroppen dykkar er eit tempel for Den heilage ande som bur i dykk, han som de har frå Gud? De er ikkje lenger dykkar eigne:

<sup>20</sup> De er kjøpte, og prisen er betalt. Difor skal de æra Gud med kroppen!

## **1. Korintar 7**

### **Ekteskap og ugift stand**

<sup>1</sup> Når det gjeld det de skreiv om, så er det godt for ein mann at han ikkje rører ei kvinne.

<sup>2</sup> Men for å unngå hor skal kvar mann ha si kone og kvar kvinne sin mann.

<sup>3</sup> Mannen skal gjera mot kona det han skyldar, og like eins kona mot mannen.

<sup>4</sup> Kona rår ikkje over sin eigen kropp; det gjer mannen. Like eins rår heller ikkje mannen over sin eigen kropp; det gjer kona.



<sup>5</sup>Hald dykk ikkje frå kvarandre utan at de er samde om å gjera det for ei tid, for å bruka tida til bøn. Kom så saman att, for at Satan ikkje skal freista dykk fordi de ikkje kan vera fråhaldande.

<sup>6</sup>Dette er meint som ei tillating, ikkje som eit påbod.

<sup>7</sup>For eg skulle ønskja at alle var som eg. Men kvar har si eiga nådegåve frå Gud, den eine slik, den andre så.

<sup>8</sup>Til dei ugifte og til enkjene seier eg: Det er godt for dei om dei blir verande som eg.

<sup>9</sup>Men kan dei ikkje vera fråhaldande, får dei gifta seg. For det er betre å gifta seg enn å brenna av lyst.

<sup>10</sup> Og til dei som er gifte, har eg dette bodet, ikkje frå meg, men frå Herren: Ei kone skal ikkje skilja seg frå mannen sin –

<sup>11</sup>om ho skil seg, skal ho leva ugift eller forlika seg med mannen – og ein mann skal ikkje skilja seg frå kona si.

<sup>12</sup>Til dei andre seier eg, og ikkje Herren: Om ein kristen bror har ei kone som ikkje trur, og ho gjerne vil bli buande saman med han, skal han ikkje skilja seg frå henne.

<sup>13</sup>Og om ei kone har ein mann som ikkje trur, og han gjerne vil bli buande saman med henne, skal ho ikkje skilja seg frå mannen.

<sup>14</sup>For mannen som ikkje trur, blir helga ved kona, og kona som ikkje trur, blir helga ved mannen fordi han er ein truande bror. Elles hadde borna dykkar vore ureine, men no er dei heilage.

<sup>15</sup>Men vil den som ikkje trur, skilja seg, så lat han skilja seg. I slike tilfelle er ikkje den truande broren eller systera bunden. Gud har kalla dykk til fred.

<sup>16</sup> For kva veit du, kvinne, om du kan berga mannen din? Og kva veit du, mann, om du kan berga kona di?

<sup>17</sup> Difor skal kvar og ein leva livet sitt der Herren har sett han, så som Gud har kalla kvar einskild. Dette pålegget gjev eg i alle forsamlingane.

<sup>18</sup>Var ein mann omskoren då han vart kalla, skal han ikkje prøva å gjera det om. Var ein mann uomskoren då han vart kalla, skal han ikkje la seg omskjera.

<sup>19</sup> Det avgjerande er ikkje om ein er omskoren eller uomskoren, men at ein held Guds bod.

<sup>20</sup>Kvar og ein skal bli verande i det kallet han hadde då han vart kalla.

<sup>21</sup>Var du slave då du vart kalla? Bry deg ikkje om det! Men kan du bli fri, så vel heller det.

<sup>22</sup> For den som var slave då Herren kalla han, er Herrens frigjevne. På same måten har den som var fri då han vart kalla, vorte Kristi slave.

<sup>23</sup> De er kjøpte, og prisen er betalt. Så bli ikkje slavar for menneske.

<sup>24</sup>Kvar og ein skal bli verande der han var då han vart kalla, sysken, og han skal vera der for Gud.

<sup>25</sup> Når det gjeld dei unge jentene, har eg ikkje noko bod frå Herren. Men eg seier mi meining, sidan eg av Herren har fått miskunn til å vera truverdig.

<sup>26</sup> På grunn av den trengselstida vi lever i, meiner eg at det er godt for eit menneske at det blir verande som det er.

<sup>27</sup>Er du bunden til ei kvinne, så prøv ikkje å bli fri. Er du ikkje bunden til ei kvinne, så prøv heller ikkje å finna deg ei kone.

<sup>28</sup>Men om du gifter deg, syndar du ikkje; og om ei ung jente gifter seg, syndar ho ikkje. Men dei som gifter seg, kjem til å møte vanskar i livet, og det vil eg gjerne spara dykk for.

<sup>29</sup>For det seier eg, brør, at tida blir stadig kortare. Heretter skal dei som har kone, vera som om dei ikkje hadde,

<sup>30</sup>dei gråtande som om dei ikkje gret, dei glade som om dei ikkje gledde seg, dei som kjøper noko, som om dei ikkje eigde det,

<sup>31</sup> og dei som bruker det som er i verda, som om dei ikkje brukte det. For denne verda slik ho er, går under.

<sup>32</sup>Eg vil at de skal vera frie for uro. Den ugifte har omsorg for det som høyrer Herren til, korleis han kan vera til glede for Herren.

<sup>33</sup> Men den som er gift, har omsorg for det som høyrer verda til, korleis han kan vera til glede for kona,

<sup>34</sup>og så blir sinnet delt. Den ugifte kvinna og den unge jenta har omsorg for det som høyrer Herren til, så dei kan vera heilage både på kropp og sjel. Men den gifte kvinna har omsorg for det som høyrer verda til, korleis ho kan vera til glede for mannen.

<sup>35</sup> Dette seier eg fordi eg vil dykk vel. Eg vil ikkje leggja band på dykk, men eg vil de skal leva sømeleg og halda dykk trufast og heilhjarta til Herren.

<sup>36</sup> Om nokon trur at han ikkje kan vera i lag med kjærasten sin på sømeleg vis fordi han er i si fulle kraft, då skal han gjera som han vil, når så må vera: Lat dei gifta seg, han syndar ikkje med det.

<sup>37</sup>Men den som står fast i det han har sett seg føre og ikkje er under tvang, men har herredøme over viljen sin og i sitt hjarte har teke den avgjerda å la jenta bli verande jomfru, han gjer vel i det.

<sup>38</sup>Så gjer den rett som gifter seg med kjærasten sin, og den som ikkje gifter seg, gjer betre.

<sup>39</sup> Ei kone er bunden så lenge mannen hennar lever. Men når mannen døy, er ho fri og kan gifta seg med kven ho vil, berre det blir gjort i Herren.

<sup>40</sup>Men lukkelegare er ho om ho lever åleine, etter mi meining. Og eg meiner at eg òg har Guds Ande.

## 1. Korintar 8

### Kristen fridom og omsynet til dei veike

<sup>1</sup>Når det gjeld kjøt som har vore ofra til avgudane, er det nok så at vi alle har kunnskap. Men kunnskapen gjer hovmodig; det er kjærleiken som byggjer opp.

<sup>2</sup> Om nokon meiner at han har kunnskap om noko, så kjenner han det enno ikkje slik som han burde kjenna det.

<sup>3</sup> Men den som elsker Gud, er kjend av han.

<sup>4</sup> Når det gjeld det å eta slike avgudsoffer, veit vi at det ikkje finst nokon avgud i verda, og at det ikkje finst nokon Gud utan éin.

<sup>5</sup> Rett nok finst det såkalla gudar, både i himmelen og på jorda, ja, det er mange gudar og mange herrar.

<sup>6</sup> Men for oss er det éin Gud, vår Far. Alt vart til av han, og til han er vi skapte. Og det er éin Herre, Jesus Kristus. Alt er til ved han, og ved han lever vi.

<sup>7</sup> Men det er ikkje alle som har denne kunnskapen. Somme et framleis dette kjøtet som avgudsoffer fordi dei har vore vane med å dyrka avgudane. Så blir samvitet deira ureint fordi det er så veikt.

<sup>8</sup> Men mat fører oss ikkje nærare Gud. Vi vinn ikkje noko om vi et, og taper ikkje noko om vi ikkje et.

<sup>9</sup> Men sjå til at den fridomen de har, ikkje fører dei veike til fall!

<sup>10</sup> For dersom nokon ser at du som har kunnskap om dette, ligg til bords i eit avgudshus, blir ikkje då samvitet til den veike liksom oppbygd, så han et offerkjøt?

<sup>11</sup> Då går den veike fortapt på grunn av din kunnskap, ein bror som Kristus døydde for.

<sup>12</sup> Men når de på denne måten syndar mot syskena dykkar og sårar det veike samvitet deira, då syndar de mot Kristus sjølv.

<sup>13</sup> Difor: Dersom mat fører bror min eller syster mi til fall, då vil eg aldri i æva eta kjøt! For eg vil ikkje føra dei til fall.

## 1. Korintar 9

### Dei rettane som apostlane har



- <sup>1</sup> Er eg ikkje fri? Er eg ikkje apostel? Har eg ikkje sett Jesus, vår Herre? Er ikkje de mitt verk i Herren?
- <sup>2</sup> Er eg ikkje apostel for andre, så er eg det i alle fall for dykk. For de er seglet på apostelkallet mitt i Herren.
- <sup>3</sup> Mitt forsvar mot dei som dømmar meg, er dette:
- <sup>4</sup> Har ikkje vi òg rett til å få mat og drikke?
- <sup>5</sup> Har ikkje vi òg rett til å ha med oss ei truande syster som kone, liksom dei andre apostlane og Herrens brør og Kefas?
- <sup>6</sup> Er det berre eg og Barnabas som ikkje har rett til å sleppa å arbeida?
- <sup>7</sup> Kven er soldat og betaler løna sjølv? Kven plantar ei vinmark utan å få eta av frukta? Eller kven gjeter ein buskap utan å drikka av mjølka frå buskapen?
- <sup>8</sup> Talar eg dette berre ut frå menneskeleg tankegang? Seier ikkje lova òg det same?
- <sup>9</sup> For i Moselova står det skrive: Du skal ikkje binda for mulen på ein okse som treskjer. Men er det oksane Gud har omsorg for?
- <sup>10</sup> Er ikkje dette sagt fullt og heilt med tanke på oss? Jau, for vår skuld er det skrive. For den som pløyer, skal pløya med håp, og den som treskjer, skal gjera det med håp om å få sin del.
- <sup>11</sup> Har vi sådd det åndelege blant dykk, er det då for mykje om vi får hausta av det materielle?
- <sup>12</sup> Om andre har rett til dette hos dykk, skulle ikkje vi ha det endå meir? Men vi har ikkje nytta denne retten. Vi finn oss i alt, så vi ikkje skal leggja noko hinder for Kristi evangelium.
- <sup>13</sup> Veit de ikkje at dei som gjer teneste i tempelet, får eta av det som kjem inn til tempelet, og at dei som tener ved altaret, får sin del av det som blir ofra på altaret?
- <sup>14</sup> På same måten har Herren gjeve påbod om at dei som forkynner evangeliet, skal leva av evangeliet.

<sup>15</sup>Men eg har ikkje nytta nokon av desse rettane. Eg har heller ikkje skrive dette for å gjera krav på dei. For eg ville heller døy – ingen skal ta frå meg dette som eg er så stolt av.

<sup>16</sup> For om eg forkynner evangeliet, så er ikkje det noko å skryta av; det ligg på meg som ein tvang. Ve meg om eg ikkje forkynner evangeliet!

<sup>17</sup> Gjer eg det frivillig, då har eg krav på løn. Men gjer eg det fordi eg må, då er det ein hushaldars oppgåve som er tiltrudd meg.

<sup>18</sup>Kva er så mi løn? Jau, at eg forkynner evangeliet utan kostnad for nokon og ikkje nyttar den retten som evangeliet gjev meg.

<sup>19</sup> Endå eg er fri og ikkje slave for nokon, har eg gjort meg til slave for alle for å vinna så mange som råd.

<sup>20</sup> For jødane har eg vorte som ein jøde, så eg kan vinna jødar. For dei som er under lova, har eg vorte lik ein som er under lova, så eg kan vinna dei, endå eg sjølv ikkje er under lova.

<sup>21</sup>For dei som er utan lov, har eg vorte som ein som er utan lov, så eg kan vinna dei, endå eg ikkje er utan lov for Gud, men bunden av Kristi lov.

<sup>22</sup> For dei veike har eg vorte veik, så eg kan vinna dei veike. For alle har eg vorte alt, så eg i alle fall kan frelsa nokre.

<sup>23</sup>Men alt gjer eg for evangeliet skuld, så eg sjølv kan få del i det.

<sup>24</sup> Veit de ikkje at dei som spring på stadion, dei er alle med i løpet, men berre éin får sigersprisen? Spring då slik at de vinn prisen!

<sup>25</sup> Alle som er med i kampleikane, må nekta seg alt. Dei gjer det for å vinna ein forgjengeleg krans, men vi for å vinna ein uforgjengeleg.

<sup>26</sup>Så spring eg ikkje utan mål; eg er ikkje som ein nevekjempar som slår i lause lufta.

<sup>27</sup>Nei, eg er hard med kroppen min og tvingar han til å lystra, så ikkje eg, som har forkynt for andre, sjølv skal koma til kort.

## 1. Korintar 10

### Israel i øydemarka, ei åtvaring for oss

- <sup>1</sup>Eg vil ikkje, sysken, at de skal vera uvitande om dette: Fedrane våre i øydemarka var alle under skya og gjekk alle gjennom havet.
- <sup>2</sup>Alle vart døypte til Moses i skya og i havet,
- <sup>3</sup>og dei åt alle den same åndelege maten
- <sup>4</sup>og drakk alle den same åndelege drikken. For dei drakk av det åndelege berget som følgde dei, og berget var Kristus.
- <sup>5</sup>Likevel hadde Gud inga glede i dei fleste av dei, for dei vart nedslegne i øydemarka.
- <sup>6</sup>Desse hendingane er åtvarande eksempel for oss. Dei skal læra oss at vi ikkje skal ha lyst til det vonde, slik som dei hadde.
- <sup>7</sup>Ver ikkje avgudsdyrkarar slik nokre av dei var, som det står skrive: Folket sette seg ned og åt og drakk, og så stod dei opp og gav seg til å dansa.
- <sup>8</sup>Lat oss heller ikkje driva hor, slik nokre av dei dreiv hor, så tjuetre tusen menneske fall på ein dag.
- <sup>9</sup>Heller ikkje må vi setja Kristus på prøve, slik nokre av dei gjorde og vart drepne av ormane.
- <sup>10</sup>Og de må ikkje vera misnøgde og murra, slik nokre av dei murra og vart drepne av øydeleggjaren.
- <sup>11</sup>Det som hende med dei, skulle vera til åtvaring. Det er skrive ned til rettleiing for oss, og til oss er dei siste tider komne.
- <sup>12</sup>Difor må den som trur at han står, passa på at han ikkje fell.
- <sup>13</sup>De har ikkje møtt andre freistingar enn slike som høyrer menneskelivet til. Og Gud er trufast, han skal ikkje la dykk bli freista over evne. Nei, midt i freistinga vil han òg visa ein utveg, så de kan halda ut.
- <sup>14</sup>Difor, mine kjære, hald dykk langt borte frå avgudsdyrkinga!
- <sup>15</sup>Eg talar til dykk som til forstandige menneske. Døm sjølve om det eg seier!

**16** Velsigningsbegeret som vi velsignar, gjev det ikkje del i Kristi blod? Brødet som vi bryt, gjev det ikkje del i Kristi kropp?

**17** Fordi det er eitt brød, er vi alle éin kropp. For vi har alle del i det eine brødet.

**18** Sjå på Israelsfolket! Har ikkje dei som et av offeret, del i det som skjer på altaret?

**19** Kva meiner eg med dette? At eit avgudsoffer har noko for seg, eller at ein avgud er noko?

**20** Nei, men at det dei ofrar, det ofrar dei til vonde ånder og ikkje til Gud. Men eg vil ikkje at de skal ha fellesskap med vonde ånder.

**21** De kan ikkje drikkja både Herrens beger og begeret til vonde ånder. De kan ikkje vera med både ved Herrens bord og ved bordet til vonde ånder.

**22** Eller vågar vi vekkja Herrens harme? Er vi sterkare enn han?

### **Samvit og fridom**

**23** Alt har eg lov til, men ikkje alt tener til det gode. Alt har eg lov til, men ikkje alt byggjer opp.

**24** Ingen må søkja sitt eige beste, men det som er best for den andre.

**25** Alt som blir selt på torget, kan de eta med godt samvit utan å spørja om det er offerkjøt.

**26** For jorda og det som fyller henne, høyrer Herren til.

**27** Om ein av dei som ikkje trur, bed dykk heim til seg, og de gjerne vil koma, så et med godt samvit alt som blir sett fram for dykk, utan å spørja kva det er.

**28** Men seier nokon til dykk: «Dette er offerkjøt», så et det ikkje – for hans skuld som sa det, og for samvitet skuld.

**29** Og då meiner eg hans samvit, ikkje ditt. For kvifor skal min fridom dømmast av samvitet til ein annan?



<sup>30</sup> Om eg tek imot dette med takk, kvifor skal eg då klandrast for det som eg takkar Gud for?

<sup>31</sup> Men anten de et eller drikk, eller kva de gjer, så gjer det alt til Guds ære!

<sup>32</sup> Lat korkje jøde eller grekar eller Guds kyrkje få noko å støyta seg på!

<sup>33</sup> Eg prøver sjølv å vera alle til lags på alle vis. Eg søker ikkje mitt eige beste, men det som er best for andre, så dei kan bli frelste.

## 1. Korintar 11

<sup>1</sup> Etterlikna meg slik eg etterliknar Kristus!

### Når forsamlinga kjem saman

(11,2–14,40)

#### Kvinnene i forsamlinga

<sup>2</sup> Eg rosar dykk for at de hugsar på meg i alt og held fast på dei overleveringane som eg har gjeve vidare til dykk.

<sup>3</sup> Men eg vil de skal vita at Kristus er hovudet for kvar mann, mannen er hovudet for kvinna, og Gud er hovudet for Kristus.

<sup>4</sup> Ein mann som har noko på hovudet når han bed eller talar profetisk, vanærar hovudet sitt.

<sup>5</sup> Men ei kvinne som bed eller talar profetisk utan å dekkja til hovudet, vanærar hovudet sitt, for det er det same som å vera snauklipt.

<sup>6</sup> Vil ikkje ei kvinne ha noko på hovudet, kan ho like godt klippa håret av seg! Men er det ei skam for ei kvinne å klippa eller barbera håret av seg, må ho dekkja seg til.

<sup>7</sup> Men mannen skal ikkje ha noko på hovudet, for han er Guds bilete og ære. Men kvinna er mannens ære.

<sup>8</sup> For mannen vart ikkje til av kvinna, men kvinna av mannen.

<sup>9</sup> Mannen vart heller ikkje skapt for kvinna skuld, men kvinna for mannen skuld.

<sup>10</sup>Difor skal kvinna, for englane skuld, ha noko på hovudet som teikn på sin rett.

<sup>11</sup>Men i Herren er ikkje kvinna uavhengig av mannen, og mannen er ikkje uavhengig av kvinna.

<sup>12</sup>For liksom kvinna vart til av mannen, så blir mannen fødd av kvinna; men alt er av Gud.

<sup>13</sup>Døm sjølv! Sømer det seg for ei kvinne å be til Gud utan noko på hovudet?

<sup>14</sup>Lærer ikkje sjølv naturen dykk at det er ei vanære for mannen å ha langt hår,

<sup>15</sup> medan det er ei ære for kvinna? For det lange håret er gjeve henne til slør.

<sup>16</sup>Men vil nokon skapa strid om dette, så skal de vita at den skikken har ikkje vi, og heller ikkje Guds forsamlingar.

#### **Herrens måltid**

<sup>17</sup>Når eg no gjev dykk mine påbod, kan eg ikkje rosa dykk for samkomene dykkar. Dei er meir til skade enn til nytte.

<sup>18</sup> For det første høyrer eg at de er ueinige når de kjem saman i forsamlinga, og eg trur at det er noko i det.

<sup>19</sup> For det må vel vera oppsplitting i flokkar hos dykk, slik at det kan bli klårt kven som held mål.

<sup>20</sup>Når de så kjem saman og er samla, er det ikkje Herrens måltid de held.

<sup>21</sup> For når de held måltid, tek kvar og ein fram sin eigen mat, og den eine er svolten, den andre drikk seg full.

<sup>22</sup> Har de ikkje hus så de kan eta og drikk heime? Eller foraktar de Guds forsamling og lèt dei som ikkje har noko, sitja med skam? Kva skal eg seia til dette? Skal eg rosa dykk? Nei, for dette rosar eg dykk ikkje!

<sup>23</sup> For eg har teke imot frå Herren det eg òg har overgjeve til dykk: Den natta Herren Jesus vart sviken, tok han eit brød,

<sup>24</sup>takka, braut det og sa: «Dette er min kropp, som er for dykk. Gjer dette til minne om meg!»

<sup>25</sup>Like eins tok han begeret etter måltidet og sa: «Dette begeret er den nye pakt i mitt blod. Kvar gong de drikk av det, gjer det til minne om meg!»

<sup>26</sup> For kvar gong de et dette brødet og drikk av begeret, forkynner de Herrens død, heilt til han kjem.

<sup>27</sup> Den som et brødet og drikk Herrens beger på urett vis, syndar mot Herrens kropp og blod.

<sup>28</sup> Kvar og ein må prøva seg sjølv, og så skal han eta av brødet og drikk av begeret.

<sup>29</sup>For den som et og drikk utan tanke for Herrens kropp, han et og drikk seg sjølv til doms.

<sup>30</sup>Difor er det mange veike og sjuke hos dykk, og nokre sovnar inn.

<sup>31</sup>Om vi dømde oss sjølv, vart vi ikkje dømde.

<sup>32</sup> Men når vi blir dømde av Herren, blir vi refsa, så vi ikkje skal bli fordømde saman med verda.

<sup>33</sup>Difor, mine sysken: Når de kjem saman til måltid, må de venta på kvarandre!

<sup>34</sup>Er nokon svolten, får han eta heime, så ikkje samkomene dykkar skal føra dom over dykk. Om dei andre sakene skal eg gje forskrifter når eg kjem.

## **1. Korintar 12**

### **Nådegåvene**

<sup>1</sup>Når det gjeld Andens gåver, sysken, vil eg ikkje at de skal vera utan kunnskap.

<sup>2</sup> De veit at då de var heidningar, vart de viljelaust dregne med til dei stumme avgudane.

- <sup>3</sup> Difor kunngrer eg dykk at ingen som talar i Guds Ande, seier: «Forbanna vere Jesus!» Og ingen kan seia: «Jesus er Herre!» utan i Den heilage ande.
- <sup>4</sup> Nådegåvene er ulike, men Anden er den same.
- <sup>5</sup> Tenestene er ulike, men Herren er den same.
- <sup>6</sup> Dei kraftige verknadene er ulike, men Gud er den same, han som er verksam og gjer alt i alle.
- <sup>7</sup> Hos kvar einskild openberrar Anden seg slik at det tener til det gode.
- <sup>8</sup> For ved Anden blir det gjeve den eine å forkynna visdom, den andre å forkynna kunnskap ved den same Anden.
- <sup>9</sup> Éin får ei særskild tru ved den same Anden, ein annan nådegåver til å lækja ved den eine Anden.
- <sup>10</sup> Éin får gáva å gjera mektige gjerningar, éin å tala profetisk, ein annan å prøva ånder. Éin får gáva å tala ulike tunger, ein annan får tyding av tungene.
- <sup>11</sup> Alt dette er eit verk av den eine og same Anden, som deler ut sine gåver til kvar einskild som han vil.
- <sup>12</sup> For liksom kroppen er éin, endå han har mange lemer, er alle lemene éin kropp, endå dei er mange. Slik er det med Kristus òg.
- <sup>13</sup> For med éin Ande vart vi alle døypte til å vera éin kropp, anten vi er jødar eller grekarar, slavar eller frie, og alle fekk vi éin Ande å drikka.
- <sup>14</sup> For kroppen er heller ikkje éin lem, men mange.
- <sup>15</sup> Om foten ville seia: «Fordi eg ikkje er hand, høyrer eg ikkje med til kroppen», så høyrer han like fullt med til kroppen.
- <sup>16</sup> Og om øyret ville seia: «Fordi eg ikkje er auge, høyrer eg ikkje med til kroppen», så høyrer det like fullt med til kroppen.
- <sup>17</sup> Om heile kroppen var auge, kvar vart det då av høyrsla? Om alt var høyrslé, kvar vart det då av luktesansen?

**18**Men no har Gud gjeve kvar einskild lem sin plass på kroppen, så som han ville det.

**19**Om dei alle var éin lem, kvar vart det då av kroppen?

**20**Men no er det mange lemer, men berre éin kropp.

**21**Auget kan ikkje seia til handa: «Eg treng deg ikkje», eller hovudet til føtene: «Eg har ikkje bruk for dykk».

**22**Tvert imot! Dei lemene på kroppen som synest vera veikast, kan vi ikkje vera utan.

**23**Og dei lemene på kroppen som vi tykkjer er verde mindre ære, dei viser vi heller større ære, og dei lemene som vi kjenner skam ved, kler vi endå meir sømeleg;

**24**dei andre lemene treng det ikkje. Men Gud har sett kroppen saman slik at det som manglar ære, heller får større ære,

**25**så det ikkje skal vera strid i kroppen, men at lemene skal ha same omsorg for kvarandre.

**26** For om ein lem lid, så lid alle dei andre med. Og om ein lem blir æra, gleder alle dei andre seg.

**27** Men de er Kristi kropp, og kvar av dykk ein lem på han.

**28** I kyrkja har Gud for det første sett nokre til apostlar, for det andre profetar, for det tredje lærarar, deretter gåva å gjera mektige gjerningar, deretter nådegåver til å lækja, til å hjelpa, til å leia og til å tala i ulike tunger.

**29**Er vel alle apostlar? Er alle profetar? Er alle lærarar? Gjer alle mektige gjerningar?

**30**Har alle nådegåver til å lækja? Talar alle i tunger? Kan alle tyda tungene?

**31**Men ver ivrige etter å få dei største nådegåvene!

### **Kjærleiken**

Og endå vil eg visa dykk ein betre veg:



## 1. Korintar 13

<sup>1</sup>Om eg talar med mennesketunger og engletunger, men ikkje har kjærleik, då er eg ein ljomande malm eller ei klingande bjølle.

<sup>2</sup>Om eg har profetisk gåve og kjenner alle løyndomar og eig all kunnskap, og om eg har all tru så eg kan flytta fjell, men ikkje har kjærleik, då er eg ingen ting.

<sup>3</sup>Om eg gjev alt eg eig til mat for dei fattige, ja, om eg gjev meg sjølv til å brennast, men ikkje har kjærleik, då har eg ingen ting vunne.

<sup>4</sup>Kjærleiken er tolmodig, kjærleiken er velvillig, misunner ikkje, skryter ikkje, er ikkje hovmodig.

<sup>5</sup>Kjærleiken krenkjer ikkje, søkjer ikkje sitt eige, er ikkje oppfarande, gøymer ikkje på det vonde.

<sup>6</sup>Han gleder seg ikkje ved urett, men gleder seg ved sanninga.

<sup>7</sup>Alt held han ut, alt trur han, alt vonar han, alt toler han.

<sup>8</sup>Kjærleiken tek aldri slutt. Profetgåvene skal bli borte, tungene skal teia og kunnskapen forgå.

<sup>9</sup>For vi skjønar stykkevis og talar profetisk stykkevis.

<sup>10</sup>Men når det fullkomne kjem, skal det som er stykkevis, ta ende.

<sup>11</sup>Då eg var barn, tala eg som eit barn, tenkte eg som eit barn, forstod eg som eit barn. Men då eg vart vaksen, la eg av det barnslege.

<sup>12</sup>No ser vi i ein spegel, i ei gåte, men då skal vi sjå andlet til andlet. No skjønar eg stykkevis, men då skal eg kjenna alt fullt ut, liksom eg fullt ut er kjend av Gud.

<sup>13</sup>Så blir dei verande desse tre: tru, von og kjærleik. Og størst av dei er kjærleiken.

## 1. Korintar 14

### Rettleiing om gudstenesta

- <sup>1</sup> Jag etter kjærleiken, strev etter åndsgåvene og mest etter å tala profetisk.
- <sup>2</sup> For den som talar i tunger, talar ikkje for menneske, men for Gud. Ingen skjønar han, for han talar løyndomar ved Anden.
- <sup>3</sup> Men den som talar profetisk, talar for menneske til oppbygging, formaning og trøyst.
- <sup>4</sup> Den som talar i tunger, oppbyggjer seg sjølv, men den som talar profetisk, byggjer opp forsamlinga.
- <sup>5</sup> Eg skulle ønskja at de alle tala i tunger, men endå meir at de tala profetisk. For den som talar profetisk, er større enn den som talar i tunger, om han då ikkje tyder det han seier, så forsamlinga kan bli oppbygd.
- <sup>6</sup> Set no, sysken, at eg kjem til dykk og talar i tunger. Kva nytte har de av det, når eg verken gjev dykk openberring eller kunnskap, profetord eller lære?
- <sup>7</sup> På same måten er det med livlause ting som gjev lyd, anten det er ei fløyte eller ei harpe. Om det ikkje er skilnad på tonane deira, korleis kan ein då oppfatta kva som blir spela?
- <sup>8</sup> Og om trompeten gjev eit utydeleg signal, kven rustar seg då til krig?
- <sup>9</sup> Slik er det med dykk òg: Bruker de ikkje tunga til å tala tydelege ord, korleis kan ein då oppfatta det som blir sagt? Då talar de berre ut i lufta.
- <sup>10</sup> Same kor mange språk det finst i verda, har alle si meining.
- <sup>11</sup> Kjenner eg ikkje språket, blir eg ein framand for den som talar, og den som talar, blir ein framand for meg.
- <sup>12</sup> På same måten er det med dykk: Når de er så ivrige etter åndsgåvene, så søk å bli rike på gåver som byggjer opp forsamlinga!
- <sup>13</sup> Difor skal den som talar i tunger, be om at han må kunna tyda det.
- <sup>14</sup> For om eg bed i tunger, så bed mi ånd, men forstanden min har ikkje nytte av det.

- 15** Kva så? Eg vil be med ånda, men eg vil òg be med forstanden. Eg vil lovsyngja med ånda, men eg vil òg lovsyngja med forstanden.
- 16** For om du lovar Gud i ånda, korleis kan då ein som er til stades og ikkje skjønar dette, seia «amen» til di takkebøn? Han veit ikkje kva du seier.
- 17** Du held nok ei god takkebøn, men ingen annan blir oppbygd av det.
- 18** Eg takkar Gud for at eg talar meir i tunger enn nokon av dykk.
- 19** Men når forsamlinga er samla, vil eg heller tala fem ord med forstanden så eg kan læra andre noko, enn tusenvis av ord i tunger.
- 20** Mine sysken, ver ikkje born når det gjeld forstand! I vondskap skal de vera born, men i forstand skal de vera fullvaksne.
- 21** Det står skrive i lova: Gjennom folk med andre tungemål og med andre språk på leppene skal eg tala til dette folket, men endå vil dei ikkje høyra på meg, seier Herren.
- 22** Så er tungetalen eit teikn, ikkje for dei truande, men for dei som ikkje trur. Men profettalen er eit teikn, ikkje for dei som ikkje trur, men for dei truande.
- 23** Om no heile forsamlinga kjem og er samla og alle talar i tunger, og det kjem inn utanforståande eller menneske som ikkje trur, vil dei ikkje då seia at de har gått frå vitet?
- 24** Men om alle talar profetisk og det kjem inn ein utanforståande eller ein som ikkje trur, då vil han kjenna seg skulda av alle, ja, dømd av alle.
- 25** Dei løynde tankane i hjartet hans kjem for dagen, og han vil kasta seg ned med andletet mot jorda, tilbe Gud og ropa ut: Gud er sanneleg midt imellom dykk!
- 26** Kva inneber så dette, sysken? Når de kjem saman, har kvar av dykk noko å gje. Den eine har ein salme, den andre eit ord til lærdom, ein har ei openberring, ein har tungetale, og ein annan har tydinga. Men lat alt tena til oppbygging!



<sup>27</sup>Talar nokon i tunger, skal det ikkje vera meir enn to eller høgst tre om gongen. De skal tala éin om gongen, og éin må tyda.

<sup>28</sup>Er det ingen som kan tyda, skal den som talar i tunger, teia i forsamlinga. Han kan tala for seg sjølv og for Gud.

<sup>29</sup> Lat to eller tre tala profetisk, og lat dei andre prøva det som blir sagt.

<sup>30</sup>Men får ein annan ei openberring medan han sit der, skal den første teia.

<sup>31</sup>For de kan alle tala profetisk, men berre ein om gongen, så alle kan læra og alle få nytt mot.

<sup>32</sup>Profetar kan styra dei profetiske åndene dei har.

<sup>33</sup> For Gud er ikkje uordens Gud, men freds Gud. Liksom i alle forsamlingar av dei heilage

<sup>34</sup> skal kvinnene teia når forsamlinga kjem saman. Dei har ikkje lov til å tala; dei skal underordna seg, som òg lova seier.

<sup>35</sup>Men er det noko dei vil læra, så lat dei spørja mennene sine heime. For det sømer seg ikkje for ei kvinne å tala i forsamlinga.

<sup>36</sup>Var det kanskje frå dykk Guds ord gjekk ut? Er det berre til dykk ordet er kome?

<sup>37</sup> Om nokon meiner seg å vera profet eller ha åndsgåver, så må han skjønna at det eg skriv til dykk, er eit Herrens bod.

<sup>38</sup> Den som ikkje godtek dette, blir sjølv ikkje godteken.

<sup>39</sup> Difor, sysken: Ver ivrige etter å tala profetisk, og hindra ingen i å tala i tunger.

<sup>40</sup> Men lat alt gå sømeleg og ordentleg føre seg!

## 1. Korintar 15

### Oppstoda

<sup>1</sup> Eg kunngjer dykk, sysken, det evangeliet som eg forkynte dykk, som de òg tok imot, som de òg står støe i.

<sup>2</sup>Ved det blir de frelste, så sant de held fast på ordet slik eg forkynte det for dykk; elles blir det til inga nytte at de kom til trua.

<sup>3</sup>For først og fremst overgav eg til dykk det som eg sjølv hadde motteke, at Kristus døydde for syndene våre, som skriftene har sagt,

<sup>4</sup>at han vart gravlagd, at han stod opp att tredje dagen, som skriftene har sagt,

<sup>5</sup>og at han synte seg for Kefas og deretter for dei tolv.

<sup>6</sup>Så synte han seg for meir enn fem hundre sysken på ein gong. Dei fleste av dei lever enno, men nokre har sovna inn.

<sup>7</sup>Sidan synte han seg for Jakob, så for alle apostlane.

<sup>8</sup>Og aller sist synte han seg òg for meg, eg som berre er eit ufullbore foster.

<sup>9</sup>For eg er den minste av apostlane; eg er ikkje verdig til å kallast apostel, for eg har forfølgt Guds kyrkje.

<sup>10</sup>Men av Guds nåde er eg det eg er, og hans nåde mot meg har ikkje vore bortkasta. For eg har arbeidd meir enn dei alle, det vil seia, ikkje eg, men Guds nåde som er med meg.

<sup>11</sup>Anten det no er eg eller dei andre – dette forkynner vi, og dette har de teke imot i tru.

<sup>12</sup>Men når det blir forkynt at Kristus har stått opp frå dei døde, korleis kan då somme av dykk seia at det ikkje finst noka oppstode frå dei døde?

<sup>13</sup>For er det inga oppstode frå dei døde, så har heller ikkje Kristus stått opp.

<sup>14</sup>Men har ikkje Kristus stått opp, er budskapet vår tom, og tom er òg trua dykkar.

<sup>15</sup>Då står vi som falske vitne om Gud. For då har vi vitna imot Gud når vi seier at han har reist Kristus opp, noko han ikkje har gjort dersom døde ikkje står opp.

<sup>16</sup>For står ikkje døde opp, så har heller ikkje Kristus stått opp.

<sup>17</sup>Men har ikkje Kristus stått opp, då er trua dykkar meiningslaus, og de er enno i syndene dykkar.

<sup>18</sup>Då er òg dei fortapte som har sovna inn i Kristus.

<sup>19</sup>Har vi berre for dette livet sett vårt håp til Kristus, då er vi ynkelegare enn alle menneske.

<sup>20</sup> Men no er Kristus oppstaden frå dei døde. Han er førstegrøda av dei som har sovna inn.

<sup>21</sup> Fordi døden er komen ved eit menneske, så er òg oppstoda av dei døde komen ved eit menneske.

<sup>22</sup> For liksom alle døyr på grunn av Adam, skal alle få liv ved Kristus.

<sup>23</sup> Men kvar til si tid: Kristus er førstegrøda, deretter følgjer dei som høyrer Kristus til, når han kjem.

<sup>24</sup> Så kjem enden, når han overgjev kongsmakta til Gud, sin Far, etter at han har utsletta all makt og alt herredøme og alt velde.

<sup>25</sup>For han skal vera konge til Gud har lagt alle fiendar under hans føter.

<sup>26</sup> Den siste fienden som blir gjord til inkjes, er døden.

<sup>27</sup> For alt har han lagt under hans føter. Når det heiter alt, er det klårt at Gud sjølv er unnateken frå dette. For det er Gud som har lagt alt under han.

<sup>28</sup>Men når alt er han underlagt, skal òg Sonen sjølv gje seg inn under Gud, som har lagt alt under han, og Gud skal vera alt i alle.

<sup>29</sup> Kvifor lèt somme seg døypa for dei døde? Dersom døde ikkje står opp, kvifor lèt somme seg då døypa for dei?

<sup>30</sup>Og kvifor set vi oss i fare kvar time på dagen?

<sup>31</sup> Ja, mine sysken, eg døyr kvar dag, det er like sant som at eg er stolt av dykk i Kristus Jesus, vår Herre.

**32** Var det berre med eit reint menneskeleg håp eg kjempa mot villdyr i Efesos, kva godt hadde det tent til for meg? Dersom dei døde ikkje står opp att, så lat oss eta og drikk, for i morgon døyr vi!

**33** Far ikkje vill! «Dårleg selskap øydelegg gode vanar.»

**34** Vakn opp av rusen for alvor og synd ikkje! For somme av dykk kjenner ikkje Gud. Til skam for dykk må eg seia det.

**35** Men no kunne nokon seia: «Korleis står dei døde opp? Kva slag kropp har dei?»

**36** Å, uvituge menneske! Det du sår, gjev ikkje nytt liv utan at det døyr.

**37** Og det du sår, er ikkje det akset som veks opp, men eit nake korn, anten det er av kveite eller av anna såkorn.

**38** Men Gud lèt det få den skapnad som han har vilja, kvart slag korn sin eigen skapnad.

**39** Ikkje alt kjøt er av same slag. Det er eitt slag kjøt i menneske, eitt i fe, eitt i fugl, eitt i fisk.

**40** Og det finst himmelske kroppar og jordiske kroppar; ein glans har dei himmelske, ein annan dei jordiske.

**41** Ein glans har sola, ein annan har månen og ein annan stjernene. Den eine stjerna lyser med klårare glans enn den andre.

**42** Slik er det òg med oppstoda frå dei døde. Det som blir sådd, er forgjengeleg. Men det som står opp, er uforgjengeleg.

**43** Det blir sådd i vanære, det står opp i herlegdom. Det blir sådd i vanmakt, det står opp i kraft.

**44** Det blir sådd ein kropp som hadde sjel, det står opp ein åndeleg kropp. Så visst som det finst ein kropp med sjel, finst det òg ein åndeleg kropp.

**45** Slik står det skrive: Det første mennesket, Adam, vart til ei levande sjel. Den siste Adam vart ei ånd som gjev liv.

- <sup>46</sup>Det åndelege var ikkje det første, men det sjelelege. Så kom det åndelege.
- <sup>47</sup> Det første mennesket var frå jorda og skapt av jord, det andre mennesket er frå himmelen.
- <sup>48</sup>Slik som det jordiske mennesket var, så er òg dei jordiske, og slik som den himmelske er, så skal òg dei himmelske vera.
- <sup>49</sup> Og liksom vi har borte biletet av det jordiske mennesket, så skal vi òg bera biletet av den himmelske.
- <sup>50</sup> Men det seier eg, sysken, at kjøt og blod kan ikkje arva Guds rike, og det som er forgjengeleg, skal ikkje arva det uforgjengelege.
- <sup>51</sup>Sjå, eg seier dykk ein løyndom: Vi skal ikkje alle sovna inn, men vi skal alle bli omskapte,
- <sup>52</sup> i hast, i ein augneblink, når den siste basunen lyder. For basunen skal lyda, og dei døde skal stå opp uforgjengelege, og vi skal bli omskapte.
- <sup>53</sup> For dette forgjengelege må bli kledd i uforgjengelegdom, og dette dødelege kledd i udødelegdom.
- <sup>54</sup> Men når dette forgjengelege er ikledd uforgjengelegdom og dette dødelege er ikledd udødelegdom, då blir det ordet oppfylt som står skrive: Døden er slukt og sigeren vunnen.
- <sup>55</sup> Død, kvar er din brodd? Død, kvar er din siger?
- <sup>56</sup> Brodden i døden er synda, og krafta i synda er lova.
- <sup>57</sup> Men Gud vere takk som gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus!
- <sup>58</sup>Difor, mine kjære sysken, ver støe og urikkelege. Ta stadig rik del i Herrens gjerning! For de veit at i Herren er ikkje arbeidet dykkar nyttelaust.

## 1. Korintar 16

### Innsamling til dei heilage i Jerusalem

- <sup>1</sup>Når det gjeld innsamlinga til dei heilage, skal de følgja dei påbod eg gav forsamlingane i Galatia.

<sup>2</sup>Første dagen i veka skal kvar av dykk leggja til sides heime hos seg sjølv så mykje som de er i stand til, så innsamlinga ikkje skal byrja først når eg kjem.

<sup>3</sup>Når eg så kjem, skal eg senda brev med dei som de finn skikka til det, og dei skal føra gåva dykkar til Jerusalem.

<sup>4</sup>Og skulle det visa seg å vera best at eg òg reiser, kan dei reisa saman med meg.

### Helsingar og nokre ord til slutt

<sup>5</sup>Eg skal koma til dykk når eg har vore i Makedonia, for Makedonia skal eg reisa gjennom.

<sup>6</sup>Men hos dykk blir eg kanskje verande ei tid, eller til og med vinteren over. Så kan de utrusta meg til ferda vidare, kvar ho så går.

<sup>7</sup>For denne gongen vil eg ikkje koma til dykk berre på gjennomreise. Eg håpar å kunna stansa ei tid, om Herren gjev meg lov.

<sup>8</sup>I Efesos blir eg verande til pinse.

<sup>9</sup>For her står døra vidopen for meg til ei rik gjerning, og det er mange motstandarar.

<sup>10</sup>Dersom Timoteus kjem, må de sjå til at han kan kjenna seg trygg hos dykk. For han gjer Herrens gjerning slik eg gjer,

<sup>11</sup>og ingen skal sjå ned på han. Hjelp han i veg og lat han fara med fred, så han kan koma tilbake, for eg ventar på han saman med syskena våre.

<sup>12</sup>Når det gjeld Apollos, bror vår, har eg bede han inderleg om å reisa til dykk saman med brørne. Men han er slett ikkje villig til å reisa no. Han kjem så snart han får høve til det.

<sup>13</sup>Ver vakne! Stå faste i trua! Ver modige! Ver sterke!

<sup>14</sup>Lat alt de gjer, bli gjort i kjærleik!

<sup>15</sup>Endå ein ting legg eg dykk på hjartet, mine sysken. De veit at husstanden til Stefanus var den første frukta i Akaia, og at dei har vigd seg til teneste for dei heilage.

- <sup>16</sup> De òg må underordna dykk under slike som dei og under kvar medarbeidar som gjer si gjerning.
- <sup>17</sup>Eg gleder meg over at Stefanus og Fortunatus og Akaikos er komne. Det har vege opp saknet av dykk.
- <sup>18</sup>For dei har sett nytt mot i både meg og dykk. Slike som dei skal de visa respekt.
- <sup>19</sup> Forsamlingane i Asia helsar dykk. Akvilas og Priska og forsamlinga som kjem saman i huset deira, helsar dykk hjarteleg i Herrens namn.
- <sup>20</sup> Alle syskena dykkar her sender si helsing. Hels kvarandre med eit heilagt kyss!
- <sup>21</sup> Eg, Paulus, skriv denne helsinga med mi eiga hand.
- <sup>22</sup> Om nokon ikkje elsker Herren, forbanna vere han! Marana ta!
- <sup>23</sup>Herren Jesu nåde vere med dykk!
- <sup>24</sup>Min kjærleik er med dykk alle i Kristus Jesus.

## 2. Korintar

### 2. Korintar 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Paulus, etter Guds vilje Kristi Jesu apostel, og Timoteus, vår bror, helsar Guds forsamling i Korint og alle dei heilage i heile Akaia:

<sup>2</sup>Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

#### Takk til Gud som trøystar

<sup>3</sup> Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, den Far som er rik på miskunn, vår Gud som gjev all trøyst.

<sup>4</sup> Han trøystar oss i all vår naud, så vi kan trøysta dei som er i naud, med den trøyst som Gud trøystar oss med.

<sup>5</sup> For liksom Kristi lidningar i rikt mål kjem over oss, blir vi òg i rikt mål trøysta ved Kristus.

<sup>6</sup> Lid vi naud, er det for at de skal få trøyst og frelse. Blir vi trøysta, er det for at de skal få den trøysta som gjer dykk uthaldande i dei same lidningane som vi må gjennomlida.

<sup>7</sup> Og vårt håp for dykk er fast. For vi veit at slik de deler lidningane med oss, deler de òg trøysta.

<sup>8</sup> Vi vil ikkje, sysken, at de skal vera uvitande om alt det vonde vi måtte lida i Asia. Det var så tungt at det var meir enn vi kunne bera. Vi var til og med i tvil om vi kunne berga livet.

<sup>9</sup> I tanken kjende vi oss alt som dødsdømde, slik at vi ikkje skulle stola på oss sjølve, men på Gud, som reiser opp dei døde.

<sup>10</sup> Han berga oss frå den visse død, og han skal berga oss igjen. Til han har vi sett vår von, og han skal berga oss på nytt.

<sup>11</sup> Også de må koma oss til hjelp i bøn. Når mange bed, vil takka for den nådige hjelp vi får, stiga opp frå mange munnar.

#### Forsvar mot kritikk



<sup>12</sup> For det er vi stolte av, og det kan samvitet vårt vitna om: Vi har ferdast her i verda, og ikkje minst mellom dykk, i ein ærlegdom og reinleik som er av Gud. Vi har ikkje late oss leia av menneskeleg visdom, men av Guds nåde.

<sup>13</sup> For det ligg ikkje noko anna i det vi skriv til dykk, enn det de kan lesa og forstå. Og eg håpar at de skal læra å forstå fullt ut

<sup>14</sup> det som de no delvis har skjøna: at de skal vera stolte av oss, slik vi skal vera stolte av dykk på vår Herre Jesu dag.

<sup>15</sup> I tillit til dette var det at eg ville koma til dykk først, så de skulle få dobbel glede.

<sup>16</sup> Eg ville koma innom dykk både på reisa til Makedonia og på vegen attende derifrå. Då kunne de hjelpa meg vidare på reisa til Judea.

<sup>17</sup> Gjekk eg ansvarslaust fram då eg planla dette? Eller legg eg planar slik menneske kan gjera, så eg seier både ja og nei på same tid?

<sup>18</sup> Så sant som at Gud er trufast: Det vi seier til dykk, er ikkje samtidig ja og nei.

<sup>19</sup> For Guds Son, Jesus Kristus, som vi har forkynt for dykk, eg og Silvanus og Timoteus, han var ikkje ja og nei; i han var det berre ja.

<sup>20</sup> For alle Guds lovnader har fått sitt ja i han. Difor seier vi òg ved han vårt amen, Gud til ære.

<sup>21</sup> Men den som grunnfester både oss og dykk i Kristus, og som har salva oss, det er Gud.

<sup>22</sup> Og han har sett sitt segl på oss og gjeve oss Anden til pant i hjarta våre.

<sup>23</sup> Eg kallar Gud til vitne; det er sanning i mi sjel: Det er for å spara dykk at eg ikkje hittil har kome til Korint.

<sup>24</sup> For vi vil ikkje vera herrar over trua dykkar, men medarbeidarar så de kan finna glede. For i trua står de støtt.

## 2. Korintar 2

<sup>1</sup> Eg hadde bestemt meg for at eg ikkje ville koma og gjera dykk sorgfulle ein gong til.

<sup>2</sup>Om eg gjev dykk sorg, kven skal då gjera meg glad, om ikkje den eg har gjort sorgfull?

<sup>3</sup>Og nett difor var det eg skreiv. Eg ville ikkje koma og bli sorgfull av dei som skulle gjera meg glad. Og eg har den tiltru til dykk alle at mi glede er dykkar glede.

<sup>4</sup>I stor naud og med angst i hjartet skreiv eg til dykk, og mange tårer felte eg. Eg ville ikkje gjera dykk sorgfulle, men la dykk skjøna kor høgt eg elsker dykk.

### **Forlik og tilgjeving**

<sup>5</sup>Men om nokon har gjeve grunn til sorg, så er det ikkje meg han har gjort sorgfull, men dykk alle – eller dei fleste av dykk, for ikkje å overdriva.

<sup>6</sup>Den straffa som dei fleste av dykk gav denne mannen, får vera nok.

<sup>7</sup>No må de heller tilgje og trøysta han, så han ikkje heilt skal gå under i sorg.

<sup>8</sup>Difor bed eg dykk at de møter han med kjærleik.

<sup>9</sup>Dette var òg grunnen til at eg skreiv. Eg ville vita om de held mål og er lydige i alt.

<sup>10</sup>Den som de tilgjev, tilgjev eg òg. Ja, om eg i det heile har noko å tilgje, har eg alt tilgjeve det for dykkar skuld, framfor Kristi andlet,

<sup>11</sup> så vi ikkje skal bli overlista av Satan. For vi veit kva han vil.

### **I Kristi triumftog**

<sup>12</sup> Då eg kom til Troas med Kristi evangelium, hadde Herren alt opna ei dør for meg.

<sup>13</sup> Men eg var uroleg fordi eg ikkje fann Titus, bror min. Difor tok eg farvel med dei og fór til Makedonia.

<sup>14</sup> Men Gud vere takk, som i Kristus alltid fører oss fram i triumftog og ved oss spreier angen av kunnskapen om han på kvar stad.

<sup>15</sup> For vi er Kristi gode ange for Gud mellom dei som blir frelste, og mellom dei som går fortapt;

<sup>16</sup> ein ange av død til død for dei som går fortapt, ein ange av liv til liv for dei som blir frelste. Kven er vel i stand til dette?

<sup>17</sup> Vi er i alle fall ikkje lik dei mange som vil gjera pengar på Guds ord. Nei, med eit oppriktig sinn, på Guds vegner og for Guds andlet talar vi i Kristus.

## 2. Korintar 3

### Tenarar for ei ny pakt

<sup>1</sup> Byrjar vi no igjen å koma med lovord om oss sjølve? Eller treng vi, som visse andre, brev med tilråding frå dykk eller til dykk?

<sup>2</sup> Nei, de er sjølve vårt tilrådingsbrev, skrive i hjarta våre, kjent og lese av alle menneske.

<sup>3</sup> For de viser at de er Kristi brev, som har vorte til ved vår teneste. Det er ikkje skrive med blekk, men med den levande Guds Ande, ikkje på steintavler, men i hjarta, på tavler av kjøt og blod.

<sup>4</sup> Denne tilliten har vi til Gud ved Kristus.

<sup>5</sup> Men dette er vi ikkje i stand til av oss sjølve; vi kan ikkje tenkja ut noko som om det kom frå oss. Nei, berre ved Gud er vi i stand til dette,

<sup>6</sup> han som òg gjorde oss til tenarar for ei ny pakt som ikkje byggjer på bokstav, men på Ande. For bokstaven slår i hel, men Anden gjer levande.

<sup>7</sup> Sjølv den tenesta som førte til død, den som var føreskriven med bokstavar hogne i stein, var omgjeven av ein slik herlegdom og glans at israellittane ikkje greidde å sjå Moses i andletet. Så sterkt stråla det, endå det var ein glans som vart borte.

<sup>8</sup> Kor mykje sterkare glans har ikkje då Andens teneste?

<sup>9</sup> For var det ein herleg glans kring den tenesta som førte til fordømming, så må den tenesta som fører til rettferd, stråla med ein endå rikare glans.

<sup>10</sup>Ja, det som den gongen var omgjeve av herlegdom, har mista glansen sin. For no strålar ein herlegdom som er så uendeleg mykje klårare.

<sup>11</sup>For når det var herleg, det som vart borte, kor mykje herlegare må ikkje då det stråla som blir ståande?

<sup>12</sup>Når vi no har slikt eit håp, går vi frimodig fram.

<sup>13</sup> Vi gjer ikkje som Moses, som la eit slør over andletet så israelittane ikkje skulle sjå den minkande glansen før han var borte.

<sup>14</sup> Men dei vart forherda. For heilt til denne dag ligg dette sløret der når dei les frå den gamle pakta, og det blir ikkje fjerna, for det er i Kristus det blir teke bort.

<sup>15</sup>Ja, heilt til denne dag ligg det eit slør over hjartet deira når det blir lese frå Moselova.

<sup>16</sup> Men når dei vender om til Herren, blir sløret teke bort.

<sup>17</sup>Herren, det er Anden, og der Herrens Ande er, der er fridom.

<sup>18</sup> Men vi som utan slør over andletet ser Herrens herlegdom som i ein spegel, vi blir alle omdanna til dette biletet, frå herlegdom til herlegdom, og dette skjer ved Herrens Ande.

## 2. Korintar 4

### Skatten i leirkrukker

<sup>1</sup>Når vi ved Guds miskunn har fått denne tenesta, mistar vi ikkje motet.

<sup>2</sup>Nei, vi har sagt frå oss alt hemmeleg og skammeleg; vi går ikkje fram med knep og forfalskar ikkje Guds ord. Men vi legg sanninga ope fram, og for Guds andlet stiller vi oss sjølve fram så alle menneske kan dømme oss etter sitt samvit.

<sup>3</sup>Er vårt evangelium løynt, så er det løynt for dei som går fortapt.

<sup>4</sup> For guden i denne verda har blinda forstanden til dei vantruande, så dei ikkje ser lyset som strålar frå evangeliet om Kristi herlegdom, han som er Guds bilete.

<sup>5</sup> Vi forkynner ikkje oss sjølve, vi forkynner Jesus Kristus som Herre og oss som dykkar tenarar, for Jesu skuld.

<sup>6</sup> For Gud, som sa: «Lys skal stråla fram frå mørkret», han har late det skina i våre hjarte, så kunnskapen om Guds herlegdom i Jesu Kristi andlet skal lysa fram.

<sup>7</sup> Men vi har denne skatten i leirkrukker, så den veldige krafta skal vera av Gud og ikkje koma frå oss.

<sup>8</sup> Alltid er vi utsette, men ikkje kringsette, rådville, men ikkje rådlause,

<sup>9</sup> forfølgde, men ikkje forlatne, nedslegne, men ikkje ihelslegne.

<sup>10</sup> Alltid ber vi Jesu død med oss i vår eigen kropp, så òg Jesu liv skal bli synleg i kroppen vår.

<sup>11</sup> For enno medan vi lever, blir vi stadig overgjevne til døden for Jesu skuld, så òg Jesu liv skal bli synleg i vår dødelege kropp.

<sup>12</sup> Slik er døden verksam i oss, men livet i dykk.

<sup>13</sup> Vi har den same Anden som gjev tru, som det står skrive om: Eg trudde, difor tala eg. Vi òg trur, og difor talar vi.

<sup>14</sup> For vi veit at han som reiste opp Herren Jesus, han skal òg reisa oss opp med Jesus og føra oss fram saman med dykk.

<sup>15</sup> Men alt dette hender for dykkar skuld, så nåden skal bli stor og få takkseinga til å stiga opp frå fleire og fleire – til Guds ære.

### Tru og håp

<sup>16</sup> Difor mistar vi ikkje motet. Om vårt ytre menneske går til grunne, så blir det indre fornya dag for dag.

<sup>17</sup> Dei trengslene vi no må bera, er lette, og dei skaper for oss ein evig herlegdom som veg uendeleg mykje meir.

<sup>18</sup> Vi har ikkje det synlege for auga, men det usynlege. For det synlege er forgjengeleg, det usynlege evig.

## 2. Korintar 5

<sup>1</sup> For vi veit at om det blir nedrive, dette teltet som er vårt jordiske hus, så har vi i himmelen ein bygning som er frå Gud, eit evig hus som ikkje er gjort med hender.

<sup>2</sup> Medan vi er her, sukkar og lengtar vi etter å bli overkledde med vår himmelske bustad.

<sup>3</sup> For når vi slik er kledde, skal vi ikkje bli ståande nakne.

<sup>4</sup> Så lenge vi er i vårt jordiske telt, sukkar vi under børa. For vi ønskjer ikkje å bli avkledde, men påkledde, så det dødelege kan bli oppslukt av livet.

<sup>5</sup> Den som har gjort oss i stand til dette, er Gud, som har gjeve oss Anden til pant.

<sup>6</sup> Difor er vi alltid ved godt mot, endå vi veit at så lenge vi er heime i kroppen, er vi borte frå Herren.

<sup>7</sup> For vi vandrar i tru, utan å sjå.

<sup>8</sup> Men vi er ved godt mot og vil heller flytta bort frå kroppen og heim til Herren.

<sup>9</sup> Difor, anten vi er heime eller har flytt bort, set vi vår ære i å vera til glede for han.

<sup>10</sup> For vi må alle fram for Kristi domstol, så kvar og ein kan få si løn for det han har gjort gjennom livet i kroppen, anten godt eller vondt.

### Forsoningstenesta

<sup>11</sup> Fordi vi veit kva det er å ha ærefrykt for Herren, prøver vi å vinna menneske. Men livet vårt ligg ope for Gud, og eg håpar at det òg ligg ope for dykk, slik at de kjenner oss.

<sup>12</sup> Vi prøver ikkje no igjen å koma med lovord om oss sjølve, men vi gjev dykk høve til å vera stolte av oss, så de kan ha noko å svara dei som skryter av det dei er i det ytre og ikkje i hjartet.

<sup>13</sup> For har vi vore i ekstase, så var det for Gud. Og er vi ved sans og samling, så er det for dykk.

<sup>14</sup> For Kristi kjærleik tvingar oss. Vi veit at éin døydde for alle, difor har dei alle døydd.

<sup>15</sup> Og han døydde for alle, så dei som lever, ikkje lenger skal leva for seg sjølve, men for han som døydde og stod opp for dei.

<sup>16</sup> Så kjenner vi ikkje lenger nokon berre på menneskevis. Og har vi før kjent Kristus på menneskevis, så kjenner vi han ikkje lenger slik.

<sup>17</sup> Nei, om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til!

<sup>18</sup> Men alt dette er av Gud, han som ved Kristus forsona oss med seg og gav oss forsoningstenesta.

<sup>19</sup> Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og han tiltrudde oss ordet om forsoninga.

<sup>20</sup> Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud!

<sup>21</sup> Han som ikkje visste av synd, har han gjort til synd for oss, så vi skal bli rettferdige for Gud i han.

## 2. Korintar 6

### Tolmod i tenesta

<sup>1</sup> Som hans medarbeidarar legg vi dykk òg på hjartet at de ikkje må ta imot Guds nåde til inga nytte.

<sup>2</sup> For han seier: I rette tid bønheyrde eg deg, på frelsedagen hjelpte eg deg. Sjå, no er den rette tid, no er frelsedagen!

<sup>3</sup> Vi gjev ikkje menneske nokon grunn til å bli støytte bort, så tenesta ikkje skal bli spotta.

<sup>4</sup> Nei, i alt står vi fram som Guds tenarar: med stort tolmod i motgang, naud og angst,

<sup>5</sup> under slag, i fengsel og i opptøyar, i hardt arbeid, i nattevaking og svolt.

<sup>6</sup> Med reinleik og visdom går vi fram, med tolmod og godleik, i Den heilage ande, med kjærleik utan svik,

<sup>7</sup> med sannings ord og i Guds kraft, med rettferds våpen i høgre og venstre hand,

<sup>8</sup> om vi får ære eller vanære, om folk talar vondt eller vel om oss. Dei seier at vi fører folk vill, men vi talar sant,

<sup>9</sup> vi er ukjende, men velkjende, vi er døyande, og sjå, vi lever! Vi blir slegne, men ikkje ihelslegne,

<sup>10</sup> vi sørgjer, men er alltid glade, vi er fattige, men gjer mange rike, vi har ingen ting, men eig alt.

<sup>11</sup> Vi har tala rett ut til dykk, korintarar, de har stort rom i hjartet vårt.

<sup>12</sup> De har det ikkje trongt hos oss; det er i dykkar eige indre det er trongt.

<sup>13</sup> Men no snakkar eg som til born: Gjer gjengjeld! Opna dykk for oss.

#### **Den levande Guds tempel**

<sup>14</sup> Gå ikkje under framandt åk saman med slike som ikkje trur! For kva har rettferd med urett å gjera, og kva har lys til felles med mørker?

<sup>15</sup> Korleis kan Kristus og Beliar samstemma? Kva sameinar ein truande og ein vantru?

<sup>16</sup> Korleis kan Guds tempel og avgudane forlikast? For vi er den levande Guds tempel, som Gud har sagt: Eg vil bu og ferdast midt mellom dei; eg skal vera deira Gud, og dei skal vera mitt folk.

<sup>17</sup> Difor seier Herren: Dra bort frå dei og skil dykk frå dei. Rør ikkje noko ureint! Då vil eg ta imot dykk;



<sup>18</sup> eg vil vera dykkar far, og de skal vera mine søner og døtrer, seier Herren, Den allmektige.

## 2. Korintar 7

<sup>1</sup> Mine kjære, når vi har desse lovnadene, så lat oss reinsa oss frå all ureinskap på kropp og sjel og fullføra vår helging med gudsfrykt.

### Glede over at forsamlinga angrar

<sup>2</sup> Gjer rom for oss i hjartet dykkar! Ingen av dykk har vi gjort urett, ingen har vi skadd, ingen har vi utnytta.

<sup>3</sup> Dette seier eg ikkje for å dømme, for eg har alt sagt at de er i hjartet vårt, så vi både skal døy i lag og leva i lag.

<sup>4</sup> Stor er mi tiltru til dykk, og eg er storleg stolt av dykk. Eg har vorte rikeleg trøysta og har ei overflod av glede midt i all vår naud.

<sup>5</sup> For då vi kom til Makedonia, vart det heller ikkje lettare for oss. Vi møtte berre motgang; strid omkring oss og angst inne i oss.

<sup>6</sup> Men Gud, som trøystar dei nedbøygde, han trøysta oss med at Titus kom.

<sup>7</sup> Ja, ikkje berre med at han kom, men òg med den trøysta han hadde fått hos dykk. Han fortalde korleis de lengta og sørgde, og kor brennande ivrig de står saman med meg. Dette gledde meg endå meir.

<sup>8</sup> Om eg gjorde dykk sorgfulle med brevet mitt, så angrar eg ikkje. Først angra eg nok, for eg såg at brevet gjorde dykk sorgfulle, om så berre ei lita stund.

<sup>9</sup> Men no er eg berre glad, ikkje fordi eg gjorde dykk sorgfulle, men fordi sorga dreiv dykk til omvending. For dette var ei sorg etter Guds vilje; difor har vi ikkje gjort dykk nokon skade.

<sup>10</sup> Sorg som er etter Guds vilje, fører til omvending og frelse, og det angrar ingen. Men sorg som er av denne verda, fører til død.

<sup>11</sup> For denne sorga etter Guds vilje, sjå for ein iver ho har skapt! Sjå berre kor de forsvargar dykk, og kor opprørte de er, kor de ottast, og kor de lengtar, kor

brennande de er, og kor de refsar! På alle måtar har de stått fram som uskuldige i denne saka.

<sup>12</sup>Då eg skreiv til dykk, var det ikkje på grunn av han som hadde gjort urett, heller ikkje på grunn av han som hadde lide urett, men for at de sjølve, for Guds andlet, skulle bli klåre over kor ivrig de står saman med meg.

<sup>13</sup>Alt dette gav oss trøyst og mot. Og i tillegg til denne trøysta gledde det meg endå meir å sjå kor glad Titus var. De har alle vore med og gjort han roleg til sinns.

<sup>14</sup>Så når eg har skrytt av dykk til han, har eg ikkje vorte til skamme. Nei, liksom vi alltid har tala sant til dykk, har våre rosande ord til Titus òg vist seg å vera sanning.

<sup>15</sup>Hjartet hans er fylt av ein endå større kjærleik til dykk no når han tenkjer på kor lydige de alle var, korleis de tok imot han med respekt og ærefrykt.

<sup>16</sup>Eg gleder meg over at eg i eitt og alt kan lita på dykk.

## 2. Korintar 8

### Innsamlinga til forsamlinga i Jerusalem

(Kap. 8–9)

#### Forsamlingane i Makedonia, eit føredøme

<sup>1</sup>Vi vil no kunngjera dykk, sysken, kva nåde Gud har vist forsamlingane i Makedonia.

<sup>2</sup>For sjølv om dei har vore hardt prøvde i si naud, har den overstrøymande gleda og djupe fattigdomen deira gjort dei rike og villige til å gje.

<sup>3</sup>Dei gav etter evne, det kan eg vitna, ja, over evne, og det frivillig.

<sup>4</sup>Inderleg bad dei om å få vera med på gåva saman med oss i denne tenesta for dei heilage.

<sup>5</sup>Og dei gav ikkje berre slik som vi håpa. Nei, seg sjølve gav dei, først til Herren og så til oss, som Gud vil det.

<sup>6</sup>Difor bad vi Titus om å gjera ferdig den gåva han alt hadde byrja på hos dykk.

<sup>7</sup>De har overflod av alt, av tru og tale, av kunnskap og iver og av kjærleiken frå oss, den som no bur i dykk. Så må de òg la overfloda visa seg i denne gåva.

<sup>8</sup>Eg seier ikkje dette som eit påbod, men eg nemner iveren hos dei andre for å prøva om kjærleiken dykkar er ekte.

<sup>9</sup>De kjenner vår Herre Jesu Kristi nåde, at han for dykkar skuld vart fattig då han var rik, så de ved hans fattigdom skulle bli rike.

<sup>10</sup>Eg seier mi meining om dette; det kan vera til nytte for dykk, de som i fjor ikkje berre gjekk inn i arbeidet, men òg la godviljen til.

<sup>11</sup>No gjeld det å fullføra verket. Liksom de var villige til å gå i gang, må de no vera villige til å fullføra, alt etter kor mykje de har.

<sup>12</sup>For når den gode viljen er til stades, skal han verdsetjast etter det ein har, og ikkje etter det ein ikkje har.

<sup>13</sup>For det er ikkje slik meint at andre skal få hjelp, og at de skal ha det trongt; det skal vera likt.

<sup>14</sup>Denne gongen er det de som har overflod og kan hjelpa dei som lid naud. Ein annan gong har dei overflod og kan hjelpa dykk når de lid naud. Så blir det likt,

<sup>15</sup>slik det står skrive: Den som fekk mykje, hadde ikkje meir enn han trong, og den som fekk lite, mangla ingen ting.

#### **Titus og utsendingane frå forsamlingane**

<sup>16</sup>Men Gud vere takk som har vekt den same omsorg for dykk i hjartet til Titus.

<sup>17</sup>Han sa ja då eg bad han, og vart så ivrig at han no reiser til dykk etter eige ønske.



<sup>18</sup>Saman med han sender vi den broren som får ros i alle forsamlingane for sitt arbeid for evangeliet.

<sup>19</sup>Ja, ikkje berre det, forsamlingane har valt han til å følgja oss når vi reiser med denne gåva og kjem med henne til Herrens ære, og som teikn på vår gode vilje.

<sup>20</sup>På den måten kan ingen lasta oss for noko i samband med den store summen som vi har hand om.

<sup>21</sup> For vi legg vinn på å gjera det som godt er, ikkje berre for Herren, men òg for menneske.

<sup>22</sup>Saman med desse to sender vi endå ein bror. Mange gonger og på mange måtar har han vist oss kor ivrig han er, og ettersom han har stor tiltru til dykk, er han endå meir ivrig etter å koma i gang.

<sup>23</sup>Når det gjeld Titus, så kom i hug at han er min medhjelpar og medarbeidar hos dykk. Dei andre brørne, dei er utsendingar frå forsamlingane, til ære for Kristus.

<sup>24</sup> Vis dei no den kjærleiken de har, og lat dei og alle forsamlingane få sjå at det er med rette eg har rosa dykk.

## 2. Korintar 9

### Vilje til å gje

<sup>1</sup>No treng eg vel ikkje skriva til dykk om tenesta for dei heilage,

<sup>2</sup>for eg veit kor villige de er. Her i Makedonia rosar eg dykk og seier at de i Akaia har vore klare sidan i fjor. Og iveren dykkar har inspirert mange.

<sup>3</sup>No sender eg desse brørne til dykk, så det skal visa seg at det ikkje var tomme ord vi fór med når vi rosa dykk for dette, men at de er klare, som eg har sagt.

<sup>4</sup>Eg vil ikkje at det skal koma nokon frå Makedonia saman med meg og finna at de ikkje er førebudde. For då ville heile tiltaket berre føra skam over oss – for ikkje å snakka om dykk!

<sup>5</sup>Eg syntest difor eg var nøydd til å be brørne fara til dykk på førehand og i god tid samla inn den gåva som de har lova. Så kan ho liggja ferdig som ei velsigning og ikkje som ei gniargåve.

<sup>6</sup>Men det seier eg: Den som sparsamt sår, skal òg hausta sparsamt, og den som sår med velsigning, skal òg hausta med velsigning.

<sup>7</sup>Kvar må gje det han har bestemt seg for i sitt eige hjarte, ikkje med ulyst eller av tvang. For Gud elsker ein glad gjevar.

<sup>8</sup>Og Gud er mektig til å gje dykk alle gåver i rikt mål, så de alltid og i alle høve skal ha alt de treng, ja, ha overflod til all god gjerning.

<sup>9</sup>For det står skrive: Han strødde ut og gav til dei fattige, hans rettferd skal alltid vara.

<sup>10</sup>Han som gjev såmannen såkorn og brød til å eta, han skal òg gje dykk såkorn og la det bera rikt, og grøda av dykkar rettferd skal han gjera stor.

<sup>11</sup>De skal vera rike på alt, så de gjerne vil gje. Og så skal takkseinga stiga opp til Gud når vi ber fram gåva.

<sup>12</sup>For denne tenesta – ja, gudstenesta – er ikkje berre ei hjelp til dei heilage i deira naud; ho skal òg skapa overflod av takkebøner til Gud.

<sup>13</sup>Når de har fullført tenesta og stått prøva, vil dei lova Gud fordi de var lydige og ville vedkjenna dykk trua på Kristi evangelium, og fordi de var villige til å dela med dei og alle dei andre.

<sup>14</sup>Og dei vil be for dykk og lengta etter dykk på grunn av Guds overveldande nåde mot dykk.

<sup>15</sup>Gud vere takk for si useielege gåve!

## 2. Korintar 10

### Paulus forsvarar aposteltenesta si

<sup>1</sup>Eg, Paulus, som går for å vera så spak når eg står andlet til andlet med dykk, men så modig når eg er borte, eg formanar dykk ved Kristi audmjuke og milde sinn.

<sup>2</sup>Eg bed om å få sleppa å vera modig når eg kjem! Men eg vil ikkje nøla med å vera myndig mot visse folk som seier vi går fram med berre menneskelege motiv.

<sup>3</sup>Om vi går fram på menneskevis, så kjempar vi ikkje på menneskevis.

<sup>4</sup>For våre stridsvåpen er ikkje jordiske. Guds kraft er verksam i dei, så dei kan leggja festningar i grus. Vi riv ned tankebygningar

<sup>5</sup>og alt stort og stolt som reiser seg mot kunnskapen om Gud, og tek kvar tanke til fange i lydnad mot Kristus.

<sup>6</sup>Så snart de har nådd fram til full lydnad, er vi klare til å straffa all ulydnad.

<sup>7</sup>Sjå på det som ligg ope i dagen! Om nokon er viss på at han høyrer Kristus til, bør han tenkja over dette ein gong til med seg sjølv. For liksom han høyrer Kristus til, så gjer vi det òg.

<sup>8</sup>Eg kunne ha skrytt endå meir av den fullmakta Herren har gjeve oss, fullmakt til å byggja dykk opp og ikkje til å riva ned. I så fall ville eg ikkje bli til skamme,

<sup>9</sup>og det skulle bli klårt at det ikkje berre er for å skremma dykk at eg skriv desse breva.

<sup>10</sup>«For breva», seier somme, «er myndige og strenge, men når han sjølv kjem, er han spak, og det han seier, er lite å bry seg om.»

<sup>11</sup>Den som meiner det, skal merka seg dette: Det er ingen skilnad på det eg gjer når eg er hos dykk, og det eg seier i breva mine når eg er borte.

<sup>12</sup>Vi vågar verken å rekna oss til eller samanlikna oss med visse andre som gjev seg sjølve lovord. Når dei måler seg mot seg sjølve og samanliknar seg med seg sjølve, viser dei berre sin eigen uforstand.

<sup>13</sup>Men vi vil ikkje gå over streken med sjølvrosen, men halda oss innanfor den rettesnora som Gud sjølv har strekt ut for oss: at vi skulle nå fram også til dykk.

<sup>14</sup>Vi strekkjer oss ikkje lenger enn vi kan rekka, som om vi aldri hadde nådd fram til dykk. For vi er alt komne så langt som til dykk med Kristi evangelium.

<sup>15</sup> Nei, vi går ikkje over streken og skryter av arbeid som andre har gjort. Men vi har det håpet at trua dykkar skal veksa, så vi ved dykkar hjelp kan gå endå lenger fram, etter den rettesnora som er strekt ut for oss.

<sup>16</sup> Så kan vi òg forkynna evangeliet bortanfor dykkar grenser, utan å følgja rettesnora som er strekt for andre, eller ta æra for arbeid som alt er gjort.

<sup>17</sup> For den som er stolt, skal vera stolt av Herren.

<sup>18</sup> Det er ikkje den som gjev seg sjølv lovord, som står si prøve, men den som Herren gjev lovord.

## 2. Korintar 11

### Paulus og dei falske apostlane

<sup>1</sup>Eg skulle ønskja de ville tola litt dårskap frå meg! Ja, de får tola det!

<sup>2</sup> For eg vaktar dykk med Guds brennande sjalusi. Eg har lova dykk bort til Kristus, og berre til han, så eg kan føra dykk fram for han som ei rein jomfru.

<sup>3</sup> Men eg er redd at liksom ormen narra Eva med sine listige knep, slik skal òg tankane dykkar først på avvegar, bort frå den ærlige og reine truskapen mot Kristus.

<sup>4</sup> For de toler svært så godt at nokon kjem og forkynner ein annan Jesus enn den vi har forkynt, eller at de får ei anna ånd enn den de har fått, eller eit anna evangelium enn det de har teke imot.

<sup>5</sup> Men eg meiner at eg ikkje på nokon måte er mindre enn desse superapostlane.

<sup>6</sup> Om eg kanskje er ulærd i talekunst, er eg ikkje utan kunnskap, og den har eg alltid og i alle stykke lagt fram for dykk.

<sup>7</sup> Gjorde eg kanskje ei synd då eg forkynte Guds evangelium for dykk utan betaling, og slik audmjuka meg sjølv så de kunne opphøgjast?

<sup>8</sup>Andre forsamlingar har eg nærast plyndra; eg tok løn av dei så eg kunne gjera teneste hos dykk!

<sup>9</sup>Og då eg var hos dykk, var eg ikkje ei bør for nokon av dykk når det var noko eg trong; for brørne som kom frå Makedonia, gav meg det eg mangla. Alltid passa eg på å ikkje vera ei bør for dykk, og det skal eg framleis gjera.

<sup>10</sup>Så visst som Kristi sanning bur i meg, denne ros skal ingen i heile Akaia ta frå meg!

<sup>11</sup>Kvifor? Fordi eg ikkje elsker dykk? Det veit Gud at eg gjer.

<sup>12</sup>Men det eg har gjort, det vil eg òg gjera heretter. For det finst nokre som gjerne vil finna ein grunn til å skryta av at dei er som eg, men den grunnen skal eg ta frå dei.

<sup>13</sup>Dei er falske apostlar, trulause arbeidarar som gjev seg ut for å vera Kristi apostlar.

<sup>14</sup>Og det er ikkje å undrast på, for Satan sjølv skaper seg om til ein lysengel.

<sup>15</sup>Og då er det ikkje merkeleg at tenarane hans skaper seg om til tenarar for rettferda. Men løna dei får til sist, skal svara til gjerningane deira.

#### **Paulus må lida fordi han er apostel**

<sup>16</sup>På nytt seier eg: Ingen må tru at eg er frå sans og samling. Men om de gjer det, så lat meg vera vitlaus, så eg òg kan skryta litt.

<sup>17</sup>Det eg seier, det seier eg ikkje fordi Herren vil det; eg seier det i eit slag vanvit.

<sup>18</sup>Men sidan det er så mange som gjer seg stolte av sine menneskelege fordelar, vil eg òg vera stolt.

<sup>19</sup>De som er så kloke, toler vel folk som har mista vitet.

<sup>20</sup>For de toler då at dei gjer dykk til slavar, at dei utnyttar dykk og fangar dykk, ser ned på dykk og slår dykk i andletet.

<sup>21</sup>Med skam må eg vedgå at vi i så måte har vore altfor veike! Men det dei andre vågar – no talar eg i vanvit – det kan vel eg òg våga.



<sup>22</sup> Er dei hebrearar? Det er eg òg. Er dei israelittar? Eg òg. Er dei av Abrahams ætt? Eg òg.

<sup>23</sup> Er dei Kristi tenarar? Eg seier i mitt vanvit: Eg er det endå meir. Eg har hatt større strev, vore oftare i fengsel, fått langt fleire slag og mange gonger vore i dødsfare.

<sup>24</sup> Av jødane har eg fem gonger fått dei førti slaga på eitt nær.

<sup>25</sup> Tre gonger vart eg piska, ein gong steina, tre gonger leid eg skipbrot, og ein gong dreiv eg eit heilt døgn omkring på havet.

<sup>26</sup> Ofte var eg på reiser, i fare på elvar, i fare mellom røvarar, i fare mellom landsmenn, i fare mellom utlendingar, i fare i byar, i fare i øydemark, i fare på hav, i fare mellom falske sysken,

<sup>27</sup> i slit og strev, ofte i nattevaking, i svolt og tørste, ofte fastande og utan klede i kulden.

<sup>28</sup>I tillegg til alt det andre har eg det som dagleg ligg på meg, omsorga for alle forsamlingane.

<sup>29</sup> Kven er veik utan at eg òg blir veik? Kven fell ifrå utan at det brenn i meg?

<sup>30</sup> Om eg likevel skal vera stolt, vil eg vera stolt av veikskapen min.

<sup>31</sup>Gud, vår Herre Jesu Far, han som er velsigna i all æve, han veit at eg ikkje lyg!

<sup>32</sup> I Damaskus sette landshovdingen til kong Aretas ut vakter fordi han ville gripa meg.

<sup>33</sup>Men eg vart firt ned i ei korg frå ei luke i bymuren og slapp ut av hendene hans.

## 2. Korintar 12

### Syn og openberringar

<sup>1</sup>Eg må skryta av meg sjølv, endå det ikkje tener til noko. For no kjem eg til syn og openberringar frå Herren.

<sup>2</sup>Eg veit om eit menneske i Kristus som for fjorten år sidan vart borttrykt til den tredje himmelen – om det var i kroppen eller utanfor kroppen, veit eg ikkje, Gud veit det.

<sup>3</sup>Og eg veit at dette mennesket vart borttrykt til paradiset – om det var i kroppen eller utanfor kroppen, veit eg ikkje, Gud veit det –

<sup>4</sup>og der fekk han høyra useielege ord, ord som menneske ikkje har lov til å tala.

<sup>5</sup>Av dette mennesket vil eg vera stolt, men eg vil ikkje vera stolt av meg sjølv, anna enn av veikskapen min.

<sup>6</sup>Men om eg no ville vera stolt, så var eg ikkje frå vitet, for det var sanning, det eg tala. Men eg lèt det vera, så ingen skal tenkja høgare om meg enn dei gjer når dei ser og høyrer meg.

<sup>7</sup>Og for at eg ikkje skal gjera meg stor av dei høge openberringane, har eg fått ein torn i kroppen, ein Satans engel som skal slå meg, så eg ikkje skal bli hovmodig.

<sup>8</sup>Om denne bad eg Herren tre gonger at han måtte vika frå meg.

<sup>9</sup>Men Herren sa til meg: «Min nåde er nok for deg, for krafta blir fullenda i veikskap.» Difor vil eg helst vera stolt av veikskapen min, så Kristi kraft kan bu i meg.

<sup>10</sup> Og difor er eg, for Kristi skuld, glad når eg er veik, når eg blir mishandla, når eg er i naud, i forfølging og i angst. For når eg er veik, då er eg sterk.

#### **Uro før ei ny reise til Korint**

<sup>11</sup> Så har eg likevel gått frå vitet! De har tvinga meg til det, endå det var de som skulle ha lagt inn eit godt ord for meg. For eg er ikkje noko dårlegare enn desse superapostlane, endå eg ingenting er.

<sup>12</sup> Dei teikna som er kjennemerke på ein apostel, har eg med stort tolmod gjort mellom dykk, både teikn, under og mektige gjerningar.

**13** Vart de sette lågare enn dei andre forsamlingane? Det måtte i så fall vera at eg ikkje har vore ei bør for dykk. Tilgjev meg den uretten!

**14** No er det tredje gongen eg står klar og skal reisa til dykk. Eg skal ikkje vera ei bør for dykk; for det er ikkje det de eig, eg er ute etter, men dykk sjølve. Det er då ikkje borna som skal samla rikdom til foreldra, men foreldra til borna.

**15** Men eg vil gjerne ofra alt, ja, sjølv bli ofra for dykkar skuld. Skal eg då bli mindre elska fordi eg elsker dykk meir?

**16** Det kan vera som somme seier, at eg ikkje har vore ei bør for dykk, men at eg er slu og har vunne dykk med list.

**17** Har eg kanskje sendt nokon til dykk for eiga vinning skuld?

**18** Eg bad Titus reisa og sende ein annan bror med han. Har Titus utnytta dykk? Har ikkje han og eg gått fram i den same ånd og gått i dei same fotspora?

**19** No har de nok lenge tenkt at vi forsvarar oss for dykk. Men det er for Guds andlet vi talar, i Kristus. Og alt dette er sagt, så de, mine kjære, skal bli oppbygde.

**20** For eg er redd at eg ikkje skal finna dykk slik som eg vil, når eg kjem, og at de ikkje skal finna meg slik de vil. Eg er redd eg skal finna strid, misunning, sinne, sjølvhevdning, baktale, sladder, hovmod og opprør.

**21** Ja, eg er redd min Gud på nytt skal audmjuka meg mellom dykk når eg kjem og må sørgja over mange, fordi dei har synda og ikkje angra all den ureinskap, hor og skamløyse dei har drive med.

## **2. Korintar 13**

### **Rettleiing til forsamlinga**

**1** Det er no tredje gongen eg kjem til dykk. Etter ord frå to eller tre vitnes munn skal kvar sak vera avgjord.

<sup>2</sup>Då eg var hos dykk andre gongen, åtvare eg dei som hadde synda. No når eg er borte frå dykk, åtvarar eg dei på nytt, og alle dei andre: Når eg kjem att, vil eg ikkje spara nokon.

<sup>3</sup>For de krev prov på at Kristus talar i meg. Og han er ikkje veik mot dykk; han er mektig hos dykk.

<sup>4</sup>For om han vart krossfest i veikskap, så lever han i Guds kraft. Vi òg er veike i han, men for dykkar skuld skal vi leva med han i Guds kraft.

<sup>5</sup>Ransak dykk sjølve om de er i trua. Prøv dykk sjølve! Eller kjenner de ikkje at Jesus Kristus er i dykk? Kan det vera at de ikkje står dykkar prøve?

<sup>6</sup>Men eg håpar de skal skjøna at vi har stått vår prøve.

<sup>7</sup>Vi bed til Gud at de ikkje må gjera noko vondt. Ikkje for å visa at vi har stått vår prøve, men for at de skal gjera det som godt er. Så kan det gjerne sjå ut som om vi ikkje står vår prøve.

<sup>8</sup>For vi maktar ingen ting mot sanninga, berre for sanninga.

<sup>9</sup>Difor gleder vi oss når vi er veike, berre de er sterke. Og det vi bed om, er at de må nå fram til stadig større mognad.

<sup>10</sup>Difor skriv eg dette før eg kjem, så eg ikkje skal bli nøydd til å fara strengt fram mot dykk når eg er komen, og bruka den fullmakta Herren har gjeve meg. For den har eg fått for å byggja opp, ikkje for å riva ned.

<sup>11</sup>Til slutt, sysken, gled dykk! Ta imot både rettleiing og oppmuntring! Ha eitt og same sinnelag, hald fred med kvarandre, så skal kjærleikens og fredens Gud vera med dykk.

### Helsingar

<sup>12</sup> Hels kvarandre med eit heilagt kyss! Alle dei heilage helsar dykk.

<sup>13</sup>Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle!

## Galatarane

### Galatarane 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Paulus, apostel, ikkje utsend av menneske eller ved noko menneske, men av Jesus Kristus og av Gud, vår Far, som reiste han opp frå dei døde –

<sup>2</sup> eg, Paulus, og alle syskena som er i lag med meg her, helsar forsamlingane i Galatia:

<sup>3</sup> Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus,

<sup>4</sup> han som gav seg sjølv for våre synder så han etter Gud, vår Fars vilje kunne fri oss ut frå den vonde tida vi no lever i.

<sup>5</sup> Han vere ære i all æve! Amen.

#### Berre eitt evangelium

<sup>6</sup> Det undrar meg at de så raskt vender dykk bort frå han som kalla dykk ved Kristi nåde, og til eit anna evangelium.

<sup>7</sup> Men det finst ikkje noko anna; det er berre nokre som forvirrar dykk og vil forvregja Kristi evangelium.

<sup>8</sup> Men om vi sjølve, ja, om ein engel frå himmelen skulle forkynna dykk eit anna evangelium enn det vi forkynte dykk, forbanna vere han!

<sup>9</sup> Vi har sagt det før, og eg seier det på nytt: Om nokon forkynner dykk eit anna evangelium enn det som de har motteke, forbanna vere han!

#### Apostelkallet til Paulus

<sup>10</sup> Prøver eg no å vinna velvilje frå menneske – eller frå Gud? Vil eg kanskje gjera menneske til lags? Var det framleis menneske eg ville vera til lags, då var eg ikkje Kristi tenar.

<sup>11</sup> For eg kunngjer dykk, sysken: Det evangeliet eg har forkynt, er ikkje menneskeverk.

<sup>12</sup> Heller ikkje har eg fått det eller lært det av noko menneske; nei, det var Jesus Kristus som openberra seg for meg.

- 13** De har høyrte korleis eg fór fram medan eg levde som jøde, kor hardt eg forfølgde Guds kyrkje og ville utrydda henne.
- 14** Eg gjekk lenger i jødedommen enn mange av jamaldringane i folket mitt og brann endå sterkare av iver for overleveringane frå fedrane.
- 15** Men Gud, som valde meg ut allereie i mors liv og kalla meg ved sin nåde, ville i sin godleik
- 16** openberra sin Son for meg, så eg skulle forkynna evangeliet om han for folkeslaga. Då spurde eg ikkje nokon av kjøt og blod til råds.
- 17** Heller ikkje drog eg opp til Jerusalem, til dei som var apostlar før meg. Eg fór til Arabia, og sidan vende eg attende til Damaskus.
- 18** Først tre år seinare drog eg til Jerusalem for å få vita meir av Kefas, og eg vart verande hos han i fjorten dagar.
- 19** Nokon annan av apostlane trefte eg ikkje, utanom Jakob, Herrens bror.
- 20** Gud veit at det eg skriv til dykk, ikkje er løgn!
- 21** Sidan kom eg til Syria og Kilikia.
- 22** Forsamlingane i Judea, dei som er i Kristus, kjende meg ikkje personleg.
- 23** Dei hadde berre høyrte at det vart sagt: Han som før forfølgde oss, forkynner no sjølv den trua han freista å utrydda.
- 24** Og dei lova Gud på grunn av meg.

## Galatarane 2

### Paulus blir godteken av dei andre apostlane

- 1** Fjorten år etter drog eg på nytt opp til Jerusalem, saman med Barnabas; eg hadde òg Titus med meg.
- 2** Eg reiste dit på grunn av ei openberring. Og i eit særskilt møte med dei mest framståande la eg fram det evangeliet eg forkynner mellom folkeslaga. For eg ville ikkje springa, eller ha sprunge, til inga nytte.

<sup>3</sup> Men ikkje eingong Titus, som var med meg, og som er grekar, vart nøydd til å la seg omskjera.

<sup>4</sup> Det kravet kom frå nokre falske sysken som hadde lurt seg inn; dei ville spionera på den fridomen vi har i Kristus Jesus, for å gjera oss til slavar.

<sup>5</sup> Men ikkje ein augneblink gav vi etter og bøygde oss for dei. For vi ville at sanninga i evangeliet skulle stå fast hos dykk.

<sup>6</sup> Og dei som gjekk for å vera noko – kor store dei var, er det same for meg, for Gud gjer ikkje forskjell på folk – dei la ikkje nye krav på meg.

<sup>7</sup> Tvert imot skjøna dei at det var tiltrudd meg å forkynna evangeliet for dei uomskorne, slik det var tiltrudd Peter å forkynna for dei omskorne.

<sup>8</sup> For han som med si kraft gjorde Peter til apostel for dei omskorne, han gjorde meg til apostel for heidningfolka.

<sup>9</sup> Og då Jakob, Kefas og Johannes, dei som blir rekna for å vera sjølve søylene, skjøna kva nåde eg hadde fått, gav dei meg og Barnabas handa til teikn på fellesskap. Vi skulle gå til heidningfolka, dei skulle gå til dei omskorne.

<sup>10</sup> Men vi måtte hugsa på dei fattige, og akkurat det har eg lagt vinn på å gjera.

#### **Både jødar og heidningar blir rettferdige ved tru**

<sup>11</sup> Men då Kefas kom til Antiokia, sa eg han imot, beint opp i andletet, for oppførselen hans dømde han.

<sup>12</sup> Før det kom nokre frå Jakob, heldt han måltid saman med dei heidningkristne. Men då dei kom, trekte han seg bort og heldt seg unna, for han var redd dei omskorne.

<sup>13</sup> På same måten hykla dei andre jødekrystne, så til og med Barnabas vart dregen med i hykleriet deira.

<sup>14</sup> Men då eg såg at dei ikkje gjekk beint fram etter sanninga i evangeliet, sa eg til Kefas så alle hørde på: «Når du som er jøde, sjølv ikkje lever som ein

jøde, men som ein heidning, korleis kan du då tvinga heidningane til å leva som jødar?»

<sup>15</sup>Vi er av fødsel jødar og ikkje syndarar av heidningætt.

<sup>16</sup> Men då vi skjøna at ikkje noko menneske blir rettferdig for Gud ved gjerningar som lova krev, men berre ved trua på Jesus Kristus, då sette vi òg vår lit til Kristus Jesus, så vi kunne seiast rettferdige ved trua på Kristus og ikkje ved lovgjerningar. For ved lovgjerningar blir ikkje noko menneske rettferdig.

<sup>17</sup>Men om det skulle visa seg at vi òg er syndarar, vi som har som mål å bli rettferdige i Kristus, blir ikkje då Kristus ein tenar for synda? Langt ifrå!

<sup>18</sup>Dersom eg byggjer opp att det eg sjølv har rive ned, då blir eg ståande som ein lovbrytar.

<sup>19</sup> Ved lova døydde eg bort frå lova, så eg kan leva for Gud. Eg er krossfest med Kristus;

<sup>20</sup> eg lever ikkje lenger sjølv, men Kristus lever i meg. Og det livet eg no lever som menneske av kjøt og blod, det lever eg i trua på Guds Son, som elska meg og gav seg sjølv for meg.

<sup>21</sup>Eg forkastar ikkje Guds nåde. For dersom vi kan vinna rettferd ved lova, då døydde Kristus til inga nytte.

### **Galatarane 3**

#### **Lov eller tru – forbanning eller velsigning**

<sup>1</sup>Uvituge galatarar! Kven har forheksa dykk, de som har fått Jesus Kristus måla for auga som den krossfeste?

<sup>2</sup>Svar meg på ein ting: Var det ved lovgjerningar de fekk Anden, eller ved å høyra og tru?

<sup>3</sup>Er de så vitlause? De tok til ved Anden, vil de no fullføra med kjøtet?

<sup>4</sup>Har de opplevd alt dette til inga nytte – om det då verkeleg er til inga nytte?



<sup>5</sup>Han som gjev dykk Anden og gjer under mellom dykk, gjer han det ved lovgjeringar eller ved at de høyrer og trur?

<sup>6</sup>Om Abraham heiter det:Han trudde Gud, og difor rekna Gud han som rettferdig.

<sup>7</sup>Så skjønar de at det er dei som trur, som er Abrahams born.

<sup>8</sup>Skrifta såg før det hende at Gud ville rettferdiggjera heidningane ved tru, og på førehand forkynte ho denne gode budskapet for Abraham: I deg skal alle folkeslag velsignast.

<sup>9</sup>Difor blir dei som trur, velsigna saman med den truande Abraham.

<sup>10</sup>Men dei som held seg til lovgjeringar, er under forbanning. For det står skrive: Forbanna er kvar den som ikkje held fast på alt det som står skrive i lovboka, og gjer etter det.

<sup>11</sup>Det er klårt at ingen blir rettferdig for Gud ved lova, for det står skrive: Den rettferdige skal leva ved tru.

<sup>12</sup>Lova spør ikkje etter tru, men seier: Den som lever etter boda, skal ha liv ved dei.

<sup>13</sup>Men Kristus kjøpte oss fri frå forbanninga under lova då han kom under forbanning for vår skuld. For det står skrive: Forbanna er kvar den som heng på eit tre.

<sup>14</sup>Slik skulle Abrahams velsigning koma til folkeslaga i Kristus Jesus, så vi ved trua skulle få Anden som var lova.

#### **Lovnaden står over lova**

<sup>15</sup>Mine sysken, eg tek eit døme frå dagleglivet. Eit gyldig testamente kan ingen oppheva eller gje noko tillegg, endå det berre er oppretta av eit menneske.

<sup>16</sup>Gud gav lovnadene til Abraham og hans ætt. Det heiter ikkje «til dine ætter», som om det gjaldt mange, men det blir tala om éin, «til di ætt», og det er Kristus.

<sup>17</sup> Det eg vil seia, er dette: Ei pakt som Gud alt hadde gjort, kan ikkje setjast til side av lova som kom 430 år seinare, slik at lovnaden dermed skulle bli ugyldig.

<sup>18</sup> Om vi fekk arven ved lova, ville det ikkje lenger vera på grunn av lovnaden. Men det var ved ein lovnad Gud i sin nåde gav arven til Abraham.

<sup>19</sup> Kva skulle så lova tena til? Ho vart gjeven som eit tillegg på grunn av brota våre, heilt til den ætta kom som lovnaden gjaldt. Lova vart gjeven ved englar, gjennom ein mellommann.

<sup>20</sup> Men nokon mellommann trengst ikkje der det berre er éin, og Gud er éin.

<sup>21</sup> Er då lova i strid med Guds lovnader? Langt ifrå! For dersom det var gjeve ei lov som kunne gjera levande, då kunne ein verkeleg vinna rettferda ved lova.

<sup>22</sup> Men Skrifta har lagt alt under synda, for at dei som trur på Jesus Kristus, ved trua si kan få det som var lova.

<sup>23</sup> Før trua kom, vart vi haldne i varetekt under lova; vi var innestengde heilt til den trua som skulle koma, vart openberra.

<sup>24</sup> Slik var lova vaktaren vår til Kristus kom, for at vi skulle seiast rettferdige ved tru.

<sup>25</sup> Men no når trua er komen, er vi ikkje lenger under vaktaren.

<sup>26</sup> De er alle Guds born ved trua, i Kristus Jesus.

<sup>27</sup> For alle de som er døypte til Kristus, har kledd dykk i Kristus.

<sup>28</sup> Her er ikkje jøde eller grekar, her er ikkje slave eller fri, her er ikkje mann og kvinne. De er alle éin i Kristus Jesus.

<sup>29</sup> Og høyrer de Kristus til, då er de Abrahams ætt og arvingar etter lovnaden.

#### **Galatarane 4**

<sup>1</sup> Lat meg forklara dette. Så lenge ein arving er umyndig, er det ingen skilnad på han og slaven, endå han er herre over alt saman.

<sup>2</sup>Han står under formyndarar og hushaldarar heilt fram til den tida far hans har fastsett.

<sup>3</sup>Slik er det òg med oss. Då vi var umyndige, var vi slavar under grunnkreftene i verda.

<sup>4</sup>Men då tida var fullkomen, sende Gud sin eigen Son, fødd av ei kvinne, fødd under lova.

<sup>5</sup>Han skulle kjøpa fri dei som var under lova, så vi kunne få retten til å vera Guds born.

<sup>6</sup>Og sidan de er born, har Gud sendt sin Sons Ande inn i hjarta våre, og Anden ropar: «Abba, Far!»

<sup>7</sup>Difor er du ikkje lenger slave, men son. Og er du son, då er du òg arving, innsett av Gud.

#### **Paulus har omsorg for galatarane**

<sup>8</sup>Den tid de ikkje kjende Gud, var de slavar under gudar som ikkje er verkelege gudar.

<sup>9</sup>Men no når de kjenner Gud – nei, meir enn det, når de er kjende av Gud – korleis kan de no på nytt venda attende til desse veike og fattige grunnkreftene? Vil de på nytt vera slavar under dei?

<sup>10</sup>De held nøye rekning med dagar og månader, høgtider og år!

<sup>11</sup>Eg er redd at eg har streva med dykk til inga nytte.

<sup>12</sup>Eg bed dykk, sysken: Ver som eg, for eg har vorte som de er! De har ikkje gjort urett mot meg.

<sup>13</sup>For de veit at det var på grunn av ein sjukdom eg fekk forkynna evangeliet for dykk første gongen.

<sup>14</sup>Men de lét dykk ikkje freista av dette til å forakta eller avsky meg; de tok imot meg som ein engel frå Gud, ja, som Kristus Jesus sjølv.

<sup>15</sup>Men kvar har gleda dykkar no vorte av? Det vitnemålet gjev eg dykk at de gjerne hadde rive ut auga og gjeve meg, om det lét seg gjera.



<sup>16</sup> Har eg no vorte ein fiende fordi eg seier dykk sanninga?

<sup>17</sup> Dei andre er etter dykk med ein iver som ikkje er av det gode, for dei vil skilja dykk frå oss og gjera dykk til sine tilhengjarar.

<sup>18</sup> Det er vel og bra at somme er ivrige alltid og ikkje berre når eg er hos dykk, men det må vera ein iver for det gode.

<sup>19</sup> Mine born, som eg på nytt føder med smerte til den tid Kristus tek skapnad i dykk

<sup>20</sup> – eg skulle ønskja eg var hos dykk så eg kunne bruka ein annan tone når eg talar, for eg veit inga råd med dykk.

### **Den gamle og den nye pakta**

<sup>21</sup> Sei meg, de som vil vera under lova: Høyrer de ikkje på lova?

<sup>22</sup> Det står skrive at Abraham hadde to søner, ein med slavekvinna og ein med den frie kvinna.

<sup>23</sup> Son til slavekvinna er fødd etter naturens orden, medan son til den frie kvinna er fødd etter Guds lovnad.

<sup>24</sup> Dette har ei djupare meining. Dei to kvinnene står for to pakter. Den eine, Hagar, er pakta frå Sinai-fjellet; ho føder til slaveri.

<sup>25</sup> Hagar står for Sinai-fjellet i Arabia og svarar til det noverande Jerusalem, som lever i slaveri med borna sine.

<sup>26</sup> Men det Jerusalem som er i det høge, er fritt, og det er vår mor. For det står skrive:

<sup>27</sup> Gled deg, du barnlause, som ikkje fødde. Bryt ut i jubel, du som ikkje fekk rier. For den einslege kvinna har fleire born enn ho som har mann.

<sup>28</sup> Og de, sysken, er born ut frå lovnaden liksom Isak.

<sup>29</sup> Men han som var fødd etter naturens orden, forfølgde den gongen han som var fødd ved Anden, og slik er det i dag òg.

<sup>30</sup> Men kva seier Skrifta? Driv bort slavekvinna og son hennar! For son til slavekvinna skal ikkje arva saman med son til den frie kvinna.

<sup>31</sup>Difor, sysken, er vi ikkje born av slavekvinna, men av den frie kvinna.

## Galatarane 5

### Kristen fridom

<sup>1</sup>Til fridom har Kristus frigjort oss. Stå difor støtt og lat ikkje nokon tvinga dykk inn att under slaveåket.

<sup>2</sup>Høyr kva eg, Paulus, seier dykk: Lèt de dykk omskjera, vil ikkje Kristus vera til noka hjelp for dykk.

<sup>3</sup>På nytt slår eg fast at kvar den som lèt seg omskjera, er skuldig til å halda heile lova.

<sup>4</sup>De som vil bli rettferdige ved lova, er skilde frå Kristus; de er falne ut av nåden.

<sup>5</sup>Men vi ventar i Anden, ved tru, på den rettferda som er vår von.

<sup>6</sup>For i Kristus Jesus gjeld det verken å vera omskoren eller å vera uomskoren; her gjeld berre tru, verksam i kjærleik.

<sup>7</sup>De var komne godt i gang med løpet. Kven er det som har hindra dykk i å vera lydige mot sanninga?

<sup>8</sup>Kven har overtala dykk? Ikkje han som kalla dykk!

<sup>9</sup>Litt surdeig gjennomsyrrar heile deigen.

<sup>10</sup>Men i Herren har eg den tiltru til dykk at de ikkje vil tenkja annleis enn eg gjer. Den som forvirrar dykk, skal få sin dom, kven han så er.

<sup>11</sup>Men om det er så, sysken, at eg enno forkynner omskjering, kvifor blir eg då forfølgd? Då er ikkje krossen ein snublestein lenger.

<sup>12</sup>Må dei berre skjera av seg alt saman, dei som spreier uro mellom dykk!

<sup>13</sup>De er kalla til fridom, sysken. Lat berre ikkje fridomen bli eit påskot til å gjera det kjøtet vil, men ten kvarandre i kjærleik.

<sup>14</sup>For heile lova er oppfylt i dette eine bodet: Du skal elska nesten din som deg sjølv.

<sup>15</sup>Men når de bit og gleser etter kvarandre, så pass på at de ikkje et kvarandre opp!

### Livet i Anden

<sup>16</sup>Eg seier dykk: Lev eit liv i Anden! Då følgjer de ikkje dei vonde lystene i dykkar kjøt og blod.

<sup>17</sup> For det kjøtet vil, står Anden imot, og det Anden vil, står kjøtet imot. Dei to ligg i strid med kvarandre, så de ikkje kan gjera det de vil.

<sup>18</sup> Men blir de drivne av Anden, då er de ikkje under lova.

<sup>19</sup> Det er klårt kva slag gjerningar som kjem frå kjøtet: hor, umoral, usømd,

<sup>20</sup>avgudsdyrking, trolldom, fiendskap, strid, sjalusi, sinne, sjølvhevdning, usemje, splittingar,

<sup>21</sup>misunning, fyll, festing og meir av det slaget. Eg har sagt det før og seier det på nytt: Dei som driv med slikt, skal ikkje arva Guds rike.

<sup>22</sup> Men Andens frukt er kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskap,

<sup>23</sup> audmjukskap og sjølvdisiplin. Slike ting er ikkje lova imot!

<sup>24</sup> Dei som høyrer Kristus til, har krossfest kjøtet med lidenskapane og dei vonde lystene.

<sup>25</sup>Lever vi ved Anden, så lat oss òg vandra i Anden.

<sup>26</sup> Lat oss ikkje vera drivne av æresjuke så vi utfordrar og misunner kvarandre.

## Galatarane 6

### Ansvar for andre og for seg sjølv

<sup>1</sup> Mine sysken, skulle nokon bli gripen i eit feilsteg, så må de som har Anden, hjelpa han til rette. Men gjer det audmjukt og pass deg sjølv, så ikkje du òg blir freista.

<sup>2</sup> Ber børene for kvarandre og oppfyll på den måten Kristi lov.

- <sup>3</sup> Dei som trur dei er noko, sjølv om dei ingenting er, lurer seg sjølve.
- <sup>4</sup> Kvar og ein skal dømma om si eiga gjerning og få ros for det han sjølv gjer, ikkje for det andre har gjort.
- <sup>5</sup> For kvar skal bera si eiga bør.
- <sup>6</sup> Den som får opplæring i Ordet, skal dela alt godt med læraren sin.
- <sup>7</sup> Far ikkje vill! Gud lèt seg ikkje spotta. Det eit menneske sår, skal det òg hausta.
- <sup>8</sup> Den som sår i sitt eige kjøt, haustar forderving frå kjøtet, men den som sår i Anden, haustar evig liv frå Anden.
- <sup>9</sup> Lat oss ikkje trøytne medan vi gjer det gode! Når tida kjem, skal vi hausta, berre vi ikkje gjev opp.
- <sup>10</sup> Så lat oss gjera godt mot alle så lenge det er tid, og mest mot vår familie i trua.

### Sluttord

- <sup>11</sup> Sjå kor store bokstavar eg bruker når eg no med mi eiga hand skriv dette til dykk:
- <sup>12</sup> Dei som vil tvinga dykk til omskjering, er slike som vil ta seg godt ut mellom menneske, så dei skal sleppa å bli forfølgde på grunn av Kristi kross.
- <sup>13</sup> For dei som lèt seg omskjera, held ikkje lova sjølve; men dei vil at de skal omskjerast, så dei kan vera stolte av det som er gjort med kroppen dykkar.
- <sup>14</sup> Men eg vil aldri i livet vera stolt av noko anna enn vår Herre Jesu Kristi kross. Ved den er verda krossfest for meg, og eg for verda.
- <sup>15</sup> For det som tel, er ikkje å vera omskoren eller å vera uomskoren, men å vera ein ny skapning.
- <sup>16</sup> Alle som følgjer denne rettesnora – fred og miskunn vere med dei og med Guds Israel!
- <sup>17</sup> Heretter må ingen plaga meg meir, for eg ber Jesu merke på kroppen min.

18 Vår Herre Jesu Kristi nåde vere med dykkar ånd, mine sysken! Amen.



## Efesarane

### Efesarane 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Paulus, etter Guds vilje Kristi Jesu apostel, helsar dei heilage {{i Efesos}}, dei truande i Kristus Jesus:

<sup>2</sup>Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

#### Alt i Kristus

<sup>3</sup> Velsigna er Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i Kristus velsigna oss med all Andens velsigning i himmelen.

<sup>4</sup> I Kristus valde han oss ut før verda vart grunnlagd, til å stå for hans andlet, heilage og utan feil. I kjærleik

<sup>5</sup> og etter sin eigen gode vilje avgjorde han på førehand at vi skulle få rett til å vera hans born ved Jesus Kristus,

<sup>6</sup> til lov og pris for hans herlegdom og nåde, som han så rikeleg gav oss i han som han elsker så høgt.

<sup>7</sup> I han har vi fridomen, kjøpt med hans blod, tilgjeving for syndene. For så rik er Guds nåde,

<sup>8</sup> som han lét strøyma over oss med all visdom og forstand,

<sup>9</sup> då han gjorde kjent for oss sin viljes mysterium, det han gjerne ville gjera i han.

<sup>10</sup> Han ville fullføra sin frelseplan då tida var fullmogen: å samla alt til eitt i Kristus, alt i himmelen og på jorda i han.

<sup>11</sup> I han fekk vi òg arverett, slik det frå først var tiltenkt oss etter forsettet til han som gjennomfører alt etter sin eigen plan og vilje,

<sup>12</sup> så vi som alt har sett vår von til Kristus, skal vera til lov og pris for hans herlegdom.

**13** I han hørde de sanningsordet, evangeliet om frelsa dykkar. I han kom de òg til tru, merkte med seglet til Anden, Den Heilage, han som var lova,

**14** han som er pantet på arven til Guds eige folk blir sett fri, til lov og pris for hans herlegdom.

### Takk og bøn

**15–16** Difor held eg ikkje opp med å takka Gud for dykk når eg hugsar på dykk i bønene mine. For eg har høyrte om dykkar tru på Herren Jesus og om dykkar kjærleik til alle dei heilage.

**17** Eg bed om at vår Herre Jesu Kristi Gud, herlegdomens Far, må gje dykk visdoms og openberrings Ande, så de lærer Gud å kjenna.

**18** Må han lysa opp auga til dykkar hjarte, så de får innsikt i kva håp han har kalla dykk til, kor rik og herleg arven er for dei heilage

**19** og kor overveldande hans kraft er mellom oss som trur. For hans makt og styrke er veldig.

**20** Med denne krafta reiste han Kristus opp frå dei døde og sette han ved Guds høgre hand i himmelen,

**21** over alle makter og herredøme, over alt velde og alle som styrer, og over kvart namn som nemnast kan, ikkje berre i denne tidsalderen, men òg i den komande.

**22** Alt la han under hans føter, og han som er hovudet over alle ting, har han gjeve til kyrkja,

**23** som er Kristi kropp, fylt av han som fyller alt i alle.

## Efesarane 2

### Frå død til liv

**1** De var ein gong døde på grunn av misgjerningane og syndene dykkar.

**2** De levde i dei slik ein gjer i denne verda og lét dykk leia av han som styrer i himmelrommet, den ånda som no verkar i dei ulydige.

<sup>3</sup> Ja, ein gong levde vi alle som dei. Vi følgde lystene i vårt eige kjøt og blod, vi gjorde det vårt kjøt og våre eigne tankar ville. Og vi var av naturen vreidens born liksom alle dei andre.

<sup>4</sup> Men Gud er rik på miskunn. Fordi han elska oss med så stor ein kjærleik,

<sup>5</sup> gjorde han oss levande saman med Kristus, vi som var døde på grunn av misgjerningane våre. Av nåde er de frelste.

<sup>6</sup> I Kristus Jesus har han både reist oss opp frå døden med han og sett oss i himmelen med han,

<sup>7</sup> så han i dei komande tider kunne visa kor overstrøymande rik han er på nåde, og kor god han er mot oss i Kristus Jesus.

<sup>8</sup> For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve.

<sup>9</sup> Og det kviler ikkje på gjerningar, så ingen skal skryta av seg sjølv.

<sup>10</sup> For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud på førehand har lagt ferdige så vi skulle vandra i dei.

#### **Kristus sameinar heidningar og jødar**

<sup>11</sup> De var ein gong heidningar av fødsel og vart kalla uomskorne av dei som kallar seg omskorne, dei som er omskorne på kroppen av menneskehand.

<sup>12</sup> Kom i hug at de den gongen var utan Kristus, utestengde frå borgarrett i Israel, framande for paktene og lovnaden, ja, utan håp og utan Gud i verda.

<sup>13</sup> Men no, i Kristus Jesus, er de som før var langt borte, komne nær på grunn av Kristi blod.

<sup>14</sup> For han er vår fred, han som gjorde dei to til eitt og reiv ned den muren som skilde, fiendskapen. Med sin eigen kropp

<sup>15</sup> sette han lova ut av kraft med hennar bod og forskrifter. Slik skulle han skapa dei to til eitt nytt menneske i seg – og skapa fred.

<sup>16</sup> I éin kropp skulle han forsona dei begge med Gud då han døydde på krossen og slik gjorde ende på fiendskapen.

<sup>17</sup> Og han kom og forkynte den gode budskapet om fred for dykk som var langt borte, og fred for dei som var nær.

<sup>18</sup> Ved han har både de og vi tilgang til Far i éin Ande.

<sup>19</sup> Så er de ikkje lenger framande og utlendingar. Nei, de er medborgarar saman med dei heilage og høyrer Guds familie til.

<sup>20</sup> De er oppbygde på grunnvollen til apostlane og profetane, og hjørnesteinen er Kristus Jesus sjølv.

<sup>21</sup> I han blir heile bygningen halden saman, så han veks til eit heilagt tempel i Herren,

<sup>22</sup> og i han blir de òg bygde opp til ein bustad for Gud i Anden.

### **Efesarane 3**

#### **Paulus, apostel for heidningane**

<sup>1</sup> Difor bøyer eg mine kne – eg, Paulus, Kristi Jesu fange for dykkar skuld, de som er heidningar.

<sup>2</sup> De har høyrte om den forvaltaroppgåva Gud i sin nåde har gjeve meg hos dykk.

<sup>3</sup> I ei openberring vart mysteriet gjort kjent for meg, slik eg kort har skrive om her.

<sup>4</sup> Og når de les det opp, kan de skjønna kor vel eg kjenner Kristi mysterium,

<sup>5</sup> det som menneska i tidlegare slektsledd ikkje fekk vita om, men som no ved Anden har vorte openberra for hans heilage apostlar og profetar:

<sup>6</sup> at heidningane har del i den same arven, den same kroppen og den same lovnaden i Kristus Jesus ved evangeliet.

<sup>7</sup> Eg vart ein tenar for dette evangeliet då Gud med si veldige kraft gav meg si nådegåve.

<sup>8</sup> Ja, til meg, den minste av alle dei heilage, er denne nåden gjeven: å forkynna for folkeslaga den glade budskapet om Kristi ufattelege rikdom

<sup>9</sup> og føra Guds frelseplan fram i lyset, det mysteriet som frå evig tid har vore løynt hos Gud, han som har skapt alt.

<sup>10</sup> Slik skulle hans mangfaldige visdom kunngjerast gjennom kyrkja for maktene og herredøma i himmelrommet,

<sup>11</sup> slik Gud frå evig tid hadde fastsett og no har fullført i Kristus Jesus, vår Herre.

<sup>12</sup> I han har vi frimod, og i trua på han kan vi koma fram for Gud med tillit.

<sup>13</sup> Difor bed eg dykk: Mist ikkje motet om eg må lida for dykkar skuld; det er ei ære for dykk!

#### **Bøn om styrke og innsikt**

<sup>14</sup> Difor bøyer eg mine kne for Far,

<sup>15</sup> han som har gjeve namn til alt som heiter far i himmel og på jord.

<sup>16</sup> Må han som er så rik på herlegdom, styrkja dykkar indre menneske med kraft ved sin Ande.

<sup>17</sup> Må Kristus ta bustad i hjarta dykkar ved trua og de stå rotfeste og grunnfeste i kjærleik.

<sup>18</sup> Må de saman med alle dei heilage få styrke til å fatta breidd og lengd, høgd og djupn,

<sup>19</sup> ja, kjenna Kristi kjærleik, som er større enn nokon kan forstå. Må de bli oppfylte med heile Guds fylde!

<sup>20</sup> Han som verkar i oss med si kraft og kan gjera så uendeleg mykje meir enn alt det vi bed om og skjønar,

<sup>21</sup> han vere ære i forsamlinga og i Kristus Jesus gjennom alle slekter og i alle æver! Amen.

#### **Efesarane 4**

#### **Einskapen i kyrkja**

- <sup>1</sup> Så legg eg dykk på hjartet, eg som er fange for Herrens skuld, at de må leva eit liv som er verdig det kallet de har fått:
- <sup>2</sup> mildt, audmjukt og tolmodig, så de ber over med kvarandre i kjærleik.
- <sup>3</sup> Gjer alt de kan for å ta vare på einskapen i Anden, i den fred som bind saman:
- <sup>4</sup> éin kropp og éin Ande, liksom de fekk éi von då de vart kalla,
- <sup>5</sup> éin Herre, éi tru, éin dåp,
- <sup>6</sup> éin Gud og Far for alle, han som er over alle og gjennom alle og i alle.
- <sup>7</sup> Til kvar einskild av oss er nåden gjeven, alt etter som Kristi gåve blir tilmålt.
- <sup>8</sup> Difor heiter det: Han steig opp i det høge og førte bort fangar, han gav menneska gåver.
- <sup>9</sup> Men at han steig opp, vil ikkje det seia at han først hadde stige ned til det aller lågaste, til jorda?
- <sup>10</sup> Han som steig ned, er den same som steig opp, høgt over alle himlar, for å fylla alt.
- <sup>11</sup> Og det var han som gav somme til å vera apostlar, somme til profetar, somme til evangelistar, somme til hyrdingar og lærarar.
- <sup>12</sup> Slik kunne dei heilage bli utrusta til teneste og Kristi kropp byggjast opp,
- <sup>13</sup> til vi alle når fram til einskapen i trua på Guds Son og i kjennskapen til han og blir det mogne mennesket som har nådd sin fulle vekst og har heile Kristi fylde.
- <sup>14</sup> Så skal vi ikkje lenger vera umyndige småborn, ikkje bli kasta hit og dit og drivne omkring ved kvart vindpust av ny lære, så vi blir eit bytte for menneska sitt falske spel og villfaringa sine listige kunster.
- <sup>15</sup> Nei, vi skal vera trufaste mot sanninga i kjærleik og i eitt og alt veksa opp til han som er hovudet, Kristus.

**16** Ut frå han blir heile kroppen sett saman og halden i hop av kvart støttande band, alt etter den oppgåva som kvar einskild lem har fått tilmålt. Slik veks kroppen og blir oppbygd i kjærleik.

### **Det gamle og det nye mennesket**

**17** Så bed eg dykk inntrengjande i Herren: Lev ikkje lenger slik som heidningane! Tankane deira er tomme,

**18** vitet deira er formørkt, og dei er framande for livet i Gud. Dei kjenner han ikkje, og hjartet deira er forherda.

**19** Dei har vorte kjenslelause og har gjeve seg over til eit utsvevande liv, dei er ureine og grådige i alt det dei gjer.

**20** Men slik er det ikkje med dykk; de har lært Kristus å kjenna!

**21** For de har høyrte han og vorte underviste i han etter den sanninga som er i Jesus.

**22** Lev ikkje som før, men legg av det gamle mennesket som blir fortært av dei forførande lystene.

**23** Bli nye i sjel og sinn!

**24** Kled dykk i det nye mennesket, som er skapt etter Guds bilete til eit liv i rettferd og heilagdom i samsvar med sanninga.

**25** Legg difor av løgna og snakk sant med kvarandre! For vi er lemer som høyrer kvarandre til.

**26** Blir de harme, så synd ikkje, og lat ikkje sola gå ned over vreiden dykkar!

**27** Gjev ikkje djevelen rom!

**28** Den som stal, skal ikkje lenger stela, men arbeida og gjera noko nyttig med sine eigne hender, så han kan ha noko å gje til dei som treng det.

**29** Lat ikkje eit einaste røte ord koma frå dykkar munn! Sei berre det som godt er, og som tener til oppbygging der det trengst, så det kan bli til velsigning for dei som høyrer på.

<sup>30</sup> Gjer ikkje Guds heilage Ande sorg, for Anden er seglet de ber til den dagen de skal friast ut.

<sup>31</sup> Ver ikkje harde, hissige og sinte, og hald opp med skrål og spott og all annan vondskap.

<sup>32</sup> Ver gode mot kvarandre og vis medkjensle, så de tilgjev kvarandre, liksom Gud har tilgjeve dykk i Kristus.

## **Efesarane 5**

<sup>1</sup> Ja, likna Gud, de som er hans kjære born.

<sup>2</sup> Lev i kjærleik, liksom Kristus elska oss og gav seg sjølv for oss som ei gåve og eit offer, ein velluktande ange for Gud.

<sup>3</sup> Hor, alle slag ureinskap og eigesjuke må ikkje eingong nemnast mellom dykk; slikt sømer seg ikkje mellom dei heilage.

<sup>4</sup> Rå ord, tåpeleg tale og grovt snakk er òg uhøveleg. Sei heller Gud takk!

<sup>5</sup> For det skal de vita at ingen som driv hor, lever eit ureint liv eller er eigesjuk, har arverett til Kristi og Guds rike, for dette er avgudsdyrking.

<sup>6</sup> Lat ingen narra dykk med tomme ord, for det er slikt som gjer at Guds vreide kjem over dei ulydige.

<sup>7</sup> Gjer ikkje felles sak med slike!

### **Born av lyset**

<sup>8</sup> Ein gong var de sjølv mørker, men no – i Herren – er de lys. Så lev som born av lyset!

<sup>9</sup> For fruktene av lyset viser seg i alt som er godt, i rettferd og i sanning.

<sup>10</sup> Prøv då kva som er til glede for Herren!

<sup>11</sup> Ta ikkje del i dei gjerningane som høyrer mørkret til, for dei ber inga frukt; avslør dei heller.

<sup>12</sup> Det som slike folk driv med i løynd, er det ei skam berre å nemna.

<sup>13</sup> Men alt kjem for dagen når lyset får avsløra det,



**14** og alt som kjem for dagen, er lys. Difor heiter det: Vakna, du som søv, stå opp frå dei døde, og Kristus skal lysa for deg.

**15** Pass difor nøye på korleis de lever, ikkje som ukloke, men som kloke menneske,

**16** så de nyttar den dyrebare tida godt, for dagane er vonde.

**17** Ver ikkje uforstandige, men forstå kva som er Herrens vilje.

**18** Drikk dykk ikkje fulle av vin, det fører til utskeiing, men bli fylte av Anden

**19** og syng saman, med salmar og hymner og åndelege songar. Syng og spel av hjartet for Herren!

**20** Takk alltid vår Gud og Far for alle ting i namnet åt vår Herre Jesus Kristus.

### **Heim og familie**

**21** Ver underordna kvarandre i ærefrykt for Kristus,

**22** de kvinner under dykkar ektemenn som under Herren sjølv.

**23** For mannen er hovudet for kvinna liksom Kristus er hovudet for kyrkja; han er frelsar for kroppen sin.

**24** Liksom kyrkja underordnar seg Kristus, skal ei kvinne underordna seg mannen sin i alle ting.

**25** Menn, elsk konene dykkar, liksom Kristus elska kyrkja og gav seg sjølv for henne,

**26** så han kunne gjera henne heilag og reinsa henne med badet i vatn, i kraft av eit ord.

**27** På den måten ville han stilla henne fram for seg i herlegdom utan den minste flekk eller rynke. Heilag og lytefri skulle ho vera.

**28** På same måten skal mennene elska konene sine som sin eigen kropp. Den som elsker kona si, elsker seg sjølv.

**29** Ingen har nokon gong hata sin eigen kropp, nei, ein gjev kroppen næring og tek seg av han slik Kristus gjer med kyrkja.

<sup>30</sup> For vi er lemer på hans kropp.

<sup>31</sup> Difor skal mannen forlata far og mor og halda fast ved kvinna si, og dei to skal vera éin kropp.

<sup>32</sup> Dette er eit stort mysterium; eg tenkjer på Kristus og kyrkja.

<sup>33</sup> Men det gjeld dykk òg: Kvar og ein av dykk skal elska kona si som seg sjølv, og ho skal ha respekt for mannen sin.

## Efesarane 6

<sup>1</sup> Born, ver lydige mot foreldra dykkar i Herren, for det er rett.

<sup>2</sup> Du skal æra far din og mor di, dette er det første bodet som òg har ein lovnad:

<sup>3</sup> så det kan gå deg vel og du får leva lenge i landet.

<sup>4</sup> Foreldre, vekk ikkje sinne og trass hos borna, men gjev dei omsorg, så dei får ei oppseding og rettleiing som er etter Herrens vilje.

<sup>5</sup> Slavar, ver lydige mot dykkar jordiske herrar som mot Kristus sjølv, med respekt og ærefrykt og av eit ærleg hjarte.

<sup>6</sup> Ver ikkje augnetenarar, som berre vil gjera menneske til lags, men Kristi tenarar, som heilhjarta gjer Guds vilje.

<sup>7</sup> Gjer teneste med eit villig sinn; det er Herren og ikkje menneske de tener.

<sup>8</sup> De veit at kvar og ein skal få løn av Herren for det gode han gjer, anten han er fri eller slave.

<sup>9</sup> Og de herrar, gjer det same mot slavane. Lat vera å truga! De veit at både dei og de har same Herren i himmelen, og han gjer ikkje forskjell på folk.

### Guds rustning

<sup>10</sup> Til sist: Bli sterke i Herren, i hans veldige kraft!

<sup>11</sup> Ta på dykk heile Guds rustning, så de kan stå fast mot djevelens listige åtak.

<sup>12</sup> For vår strid er ikkje mot kjøt og blod, men mot makter og herredøme, mot verdsens herskarar i dette mørkret, mot vondskapens åndehær i himmelrommet.

<sup>13</sup> Ta difor heile Guds rustning på, så de kan gjera motstand på den vonde dagen, vinna over alt og bli ståande.

<sup>14</sup> Så stå då fast: Spenn sanninga til belte om livet, ta rettferda til brynje,

<sup>15</sup> og snør fredens evangelium til skor på føtene, så de er klare til å gå.

<sup>16</sup> Lyft trua høgt til skjold i alt som hender! Med det kan de sløkkja alle brennande piler frå den vonde.

<sup>17</sup> Ta frelsa til hjelm, og grip Andens sverd, som er Guds ord.

<sup>18</sup> Gjer dette i bøn, og legg alt fram for Gud! Be alltid, i Anden! Vak og hald ut i bøn for alle dei heilage.

<sup>19</sup> Be òg for meg, at ordet må bli gjeve meg når eg opnar munnen, så eg med frimod kan forkynna mysteriet i evangeliet,

<sup>20</sup> det som eg er sendebod for òg når eg er i lenkjer. Be om at eg ved evangeliet må få frimod til å tala som eg skal.

### Sluttord

<sup>21</sup> Tykikos skal fortelja dykk alt, så de òg får vita korleis eg har det og korleis det står til med meg. Han er vår høgt elska bror og ein trufast tenar i Herren.

<sup>22</sup> Eg sender han til dykk for at de skal få høyra korleis vi har det, og for at han skal gje dykk mot i hjarta.

<sup>23</sup> Fred vere med syskena, og kjærleik og tru frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

<sup>24</sup> Nåde vere med alle som elsker vår Herre Jesus Kristus i eit liv som aldri skal forgå!

## Filipparane

### Filipparane 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Paulus og Timoteus, Kristi Jesu tenarar, helsar alle dei heilage i Kristus Jesus som bur i Filippi, med tilsynsmenn og diakonar:

<sup>2</sup>Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

#### Takk og bøn for forsamlinga

<sup>3</sup> Eg takkar alltid min Gud når eg tenkjer på dykk.

<sup>4</sup> Og alltid, i alle mine bønner, bed eg for dykk alle med glede.

<sup>5</sup> For heilt frå første dagen og fram til no har de hatt del med meg i evangeliet.

<sup>6</sup> Og eg er viss på at han som tok til med si gode gjerning i dykk, skal fullføra henne – heilt til Jesu Kristi dag.

<sup>7</sup> Med rette tenkjer eg slik om dykk alle, for eg ber dykk i hjartet. Både når eg er i lenkjer, og når eg forsvarar og stadfester evangeliet, har de alle fellesskap med meg i nåden.

<sup>8</sup> Ja, Gud er mitt vitne, eg lengtar etter dykk alle med Kristi Jesu hjartelag.

<sup>9</sup> Og dette bed eg om, at kjærleiken dykkar må bli rikare og rikare på dømmekraft og innsikt,

<sup>10</sup> så de kan skjønna og avgjera kva som er viktig, og stå reine og ulastelege på Kristi dag,

<sup>11</sup> fylte av rettferds frukt som veks fram ved Jesus Kristus, til lov og ære for Gud.

#### Alt som har hendt, tener evangeliet

<sup>12</sup> Eg vil de skal vita, sysken, at det som har hendt meg, har tent til framgang for evangeliet.

<sup>13</sup> For det er kjent i heile borga og mellom alle dei andre at det er for Kristi skuld eg ber lenkjer.

**14** På grunn av desse lenkjene har dei fleste av syskena våre fått større tillit til Herren, så dei med endå større frimod enn før vågar å forkynna Ordet.

**15** Somme gjer det nok av misunning og stridslyst, men andre forkynner Kristus av god vilje.

**16** Dei gjer det av kjærleik, for dei veit eg er sett til å forsvara evangeliet.

**17** Men dei andre gjer det for å hevda seg sjølve. Dei har ikkje godt i sinne og trur dei kan gjera lenkjene mine tyngre å bera.

**18** Men kva gjer det? Kristus blir i alle tilfelle forkynt, om det er med baktankar eller i sanning, og det gleder eg meg over. Ja, eg skal få endå meir å gleda meg over!

**19** For eg veit at dette skal bli mi redning, ved dykkar bønner og hjelpa frå Jesu Kristi Ande.

**20** Min lengt og mitt håp er at eg ikkje skal bli til skamme på noko vis, men at Kristus, no som alltid, skal opphøgjast for auga på alle ved min kropp, anten det blir liv eller død.

**21** Å leva er for meg Kristus, og å døy er ei vinning.

**22** Men om eg får vera i live, kan eg gjera eit arbeid som ber frukt, og då veit eg ikkje kva eg skal velja.

**23** Eg er dregen til begge sider: Eg har denne lengten etter å bryta opp og vera saman med Kristus, for det er så mykje, mykje betre.

**24** Men for dykkar skuld er det naudsynt at eg får leva vidare,

**25** og fordi eg er viss på dette, veit eg at eg skal få leva, ja, bli verande hos dykk alle og hjelpa dykk til framgang og glede i trua.

**26** Då skal de få rikeleg grunn til å vera glade og stolte i Kristus Jesus for mi skuld, når eg på nytt kjem til dykk.

### **Strid for evangeliet med Kristi sinnelag**

<sup>27</sup> Så gjeld det berre at de lever eit liv som er Kristi evangelium verdig. Om eg sjølv kjem og ser dykk, eller om eg er borte, så lat meg få høyra at de står saman i éi ånd, kjempar med eitt sinn for trua på evangeliet

<sup>28</sup> og ikkje på nokon måte lèt dykk skremma av motstandarane. Dette er eit teikn frå Gud, eit teikn som varslar fortaping for dei, men frelse for dykk.

<sup>29</sup> For den nåden er gjeven dykk for Kristi skuld, ikkje berre å tru på han, men òg å lida for han.

<sup>30</sup> De står i same striden som de såg at eg stod i, og som de no høyrer at eg framleis står i.

## Filipparane 2

<sup>1</sup>Om det no er trøyst i Kristus, glød i kjærleiken, fellesskap i Anden, om det finst medkjensle og miskunn,

<sup>2</sup>så gjer mi glede fullkomen: Ha same sinnelaget og same kjærleiken, ver eitt i sjel og sinn.

<sup>3</sup>Gjer ikkje noko av sjølvhevdning eller lyst til tom ære, men ver audmjuke og set dei andre høgare enn dykk sjølve.

<sup>4</sup>Tenk ikkje berre på dykkar eige beste, men òg på det som er godt for dei andre.

<sup>5</sup>Lat det same sinnelaget vera i dykk som òg var i Kristus Jesus!

<sup>6</sup>Han var i Guds skapnad og såg det ikkje som eit rov å vera Gud lik,

<sup>7</sup>men gav avkall på sitt eige, tok ein tenars skapnad og vart menneske lik. Då han stod fram som menneske,

<sup>8</sup>fornedra han seg sjølv og vart lydig til døden, ja, døden på krossen.

<sup>9</sup>Difor har òg Gud opphøgd han til det høgste og gjeve han namnet over alle namn.

<sup>10</sup>I Jesu namn skal difor kvart kne bøya seg, i himmelen, på jorda og under jorda,

- 11** og kvar tunge vedkjenna at Jesus Kristus er Herre, til Gud Faders ære!
- 12** Mine kjære, de var alltid lydige medan eg var hos dykk. Så ver det endå meir no når eg er borte, og arbeid på dykkar frelse med respekt og ærefrykt.
- 13** For det er Gud som er verksam i dykk, så de både vil og gjer det som er etter Guds gode vilje.
- 14** Gjer alt utan murring og misnøye,
- 15** så de kan vera lytefrie og reine, Guds ulastelege born midt i ei vrang og villfaren slekt. Mellom dei skin de som stjerner på nattehimmelen
- 16** når de held fast på livsens ord, og då skal eg få den ros på Kristi dag at løpet mitt og strevet mitt ikkje har vore bortkasta.
- 17** Ja, om så eg sjølv skal ofrast når eg gjer altarteneste og ber dykkar tru fram som offer, er eg likevel glad og gleder meg saman med dykk alle.
- 18** Like eins skal de òg vera glade og gleda dykk saman med meg.

#### **Timoteus og Epafroditus, to trufaste medarbeidarar**

- 19** I Herren Jesus har eg den vona at eg snart kan senda Timoteus til dykk, så eg òg kan få nytt mot når eg får høyra korleis det går med dykk.
- 20** Eg har ingen som han, ingen som så ærleg kan ha omsorg for dykk.
- 21** Alle dei andre søkjer sitt eige, ikkje Jesu Kristi sak.
- 22** Men de veit at Timoteus har stått si prøve. Han har arbeidd for evangeliet saman med meg, slik ein son hjelper far sin.
- 23** Eg vonar eg kan senda han til dykk så snart eg ser korleis det går med saka mi,
- 24** men i Herren veit eg at eg snart skal koma sjølv.
- 25** Eg har òg funne det naudsynt å senda Epafroditus tilbake til dykk. Han er min bror og medarbeidar og stridskamerat, og han var dykkar utsending som skulle hjelpa meg med det eg trong.

<sup>26</sup>Han lengta etter dykk alle og var uroleg fordi de hadde høyrte at han var sjuk.

<sup>27</sup>Han var alvorleg sjuk, ja, døden nær. Men Gud miskunna seg over han, ja, ikkje berre over han, men òg over meg, så eg ikkje skulle få sorg på sorg.

<sup>28</sup>Difor var det endå viktigare for meg å senda han til dykk, så de kan gleda dykk over å sjå han att og eg kan ha ei sorg mindre.

<sup>29</sup> Ta imot han i Herrens namn med inderleg glede, og hald slike som han høgt i ære.

<sup>30</sup> Det var i arbeidet for Kristus han var døden nær; han våga livet for å gje meg det som mangla i den hjelpa eg fekk frå dykk.

### **Filipparane 3**

#### **Å vinna Kristus**

<sup>1</sup> Og så, mine sysken: Gled dykk i Herren! Eg blir ikkje trøyt av å skriva det på nytt, og det skal gjera dykk trygge.

<sup>2</sup> Hald auge med hundane, hald auge med dei vonde arbeidarane, hald auge med dei som skamskjer seg.

<sup>3</sup> For det er vi som er dei omskorne. Vi gjer teneste ved Guds Ande, vi er stolte i Kristus Jesus og set ikkje vår lit til det ytre.

<sup>4</sup> Eg har rett nok mykje å setja mi lit til, ytre sett. Om nokon meiner han kan lita på det ytre, kan eg det endå meir.

<sup>5</sup> Eg er omskoren åttande dagen, eg er av Israels folk og Benjamins stamme, hebrear av hebrearar, lovlydig farisear,

<sup>6</sup> brennande ivrig forfølgjar av kyrkja og ulasteleg i rettferd etter lova.

<sup>7</sup> Men alt dette eg såg som vinning, det reknar eg no for Kristi skuld som tap.

<sup>8</sup> Ja, eg reknar alt som tap mot det som er så mykje meir verdt: å kjenna Kristus Jesus, min Herre. For hans skuld har eg tapt alt, og eg reknar det som skrap så eg kan vinna Kristus





<sup>9</sup> og bli funnen i han, ikkje med mi eiga rettferd, den som lova gjev, men med den rettferda vi får ved trua på Kristus, rettferda frå Gud, bygd på trua.

<sup>10</sup> Då kjenner eg han og krafta av hans oppstode, får del i hans lidingar og blir lik han ved at eg døyr som han

<sup>11</sup>— om eg berre kunne nå fram til oppstoda frå dei døde!

#### **Fram mot målet**

<sup>12</sup> Eg meiner ikkje at eg alt har nådd dette, eller alt er fullkomen, men eg jagar etter det for å gripa det, for eg er sjølv gripen av Kristus Jesus.

<sup>13</sup> Mine sysken, eg trur ikkje om meg sjølv at eg har gripe det, men eitt gjer eg: Eg gløymer det som ligg bak, og strekkjer meg mot det som er framanfor,

<sup>14</sup> og jagar fram mot målet, mot den sigersprisen som Gud frå det høge har kalla oss til i Kristus Jesus.

<sup>15</sup> Lat oss sjå det på denne måten, alle vi som har nådd fram til mognad. Og er det noko de ser annleis på, skal Gud òg openberra dette for dykk.

<sup>16</sup> Lat oss berre, så langt vi er komne, halda fram i same sporet!

<sup>17</sup> Følg føredømet mitt, sysken, og sjå opp til dei som lever etter det førebiletet de har i oss.

<sup>18</sup> For som eg har sagt dykk mange gonger før, og no seier med tårer i auga: Mange lever som fiendar av Kristi kross.

<sup>19</sup> Fortaping blir utgangen deira, magen er guden deira, i skam set dei si ære, og dei søkjer berre det jordiske.

<sup>20</sup> Men vi har vår borgarrett i himmelen, og derifrå ventar vi frelsaren, Herren Jesus Kristus.

<sup>21</sup> Han skal omskapa denne veike og skrøpelege kroppen vår og gjera han lik den kroppen han sjølv har i herlegdomen. For han har makt til å leggja alle ting under seg.

## **Filipparane 4**

### **Glede, bøn og fred**

<sup>1</sup>Difor, mine sysken, som eg elsker og lengtar etter, mi glede og min sigerskrans, stå faste i Herren, mine kjære!

<sup>2</sup>Eg påminner Evodia, og Syntyke like eins: De må bli samde i Herren!

<sup>3</sup>Og eg bed deg, du som med rette heiter Synzygos, at du må hjelpa desse to. For dei har stridd med meg for evangeliet, saman med Klemens og dei andre medarbeidarane mine, dei som har namna sine skrivne i livsens bok.

<sup>4</sup>Gled dykk alltid i Herren! Endå ein gong vil eg seia: Gled dykk!

<sup>5</sup>Lat alle menneske få kjenna kor godhjarta de er. Herren er nær.

<sup>6</sup>Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing.

<sup>7</sup>Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.

<sup>8</sup>Til slutt, sysken: Alt som er sant, og alt som er ære verdt, alt som er rett, og alt som er reint, alt som er verdt å elska, og alt som er verdt å akta, ja, alt som er til glede og alt som fortener ros, legg vinn på det!

<sup>9</sup>Det som de har lært, og det de har teke imot, det de har sett og det de har høyrte av meg, gjer alt dette – og fredens Gud skal vera med dykk.

#### **Takk for gåva**

<sup>10</sup>Det gleder meg storleg i Herren at dykkar omsorg for meg no skyt nye skot. De har nok hatt omtanke for meg før òg, men då hadde de ikkje høve til å gjera noko med det.

<sup>11</sup>Eg seier ikkje dette fordi eg leid naud, for eg har lært å klara meg med det eg har.

<sup>12</sup>Eg veit kva det er å ha lite, eg veit kva det er å ha overflod. I alt og i alle ting er eg innvigd, å vera mett og vera svolten, å ha overflod og ha for lite.

<sup>13</sup>Alt maktar eg i han som gjer meg sterk.

<sup>14</sup>Likevel gjorde det meg godt at de stod saman med meg då eg var i naud.

**15** De veit sjølve, filipparar, at i den første tida eg forkynte evangeliet, då eg hadde fare frå Makedonia, var de den einaste forsamlinga som førte rekneskap med meg over gjeve og motteke.

**16**Alt då eg var i Tessalonika, sende de meg både ein og to gonger det eg trong.

**17**No er det ikkje gåva eg er ute etter, men frukta av gåva, og den skal rikeleg godskrivast dykk.

**18** Med dette stadfester eg at alt er motteke, og at eg no har nok. Ja, eg har meir enn nok etter at Epafroditus kom med sendinga frå dykk. Det var som ein god ange, eit offer Gud tek imot med glede.

**19**Så skal min Gud, som er så rik på herlegdom i Kristus Jesus, gje dykk alt de treng.

**20** Vår Gud og Far vere ære i all æve! Amen.

#### **Sluttord**

**21**Hels kvar og ein av dei heilage i Kristus Jesus. Syskena våre som er saman med meg, helsar dykk.

**22** Og alle dei heilage helsar dykk, mest dei som er i teneste hos keisaren.

**23** Vår Herre Jesu Kristi nåde vere med dykkar ånd!

## Kolossarane

### Kolossarane 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Paulus, etter Guds vilje Kristi Jesu apostel, og vår bror Timoteus

<sup>2</sup> helsar dei heilage i Kolossai, dei truande sysken i Kristus: Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far!

#### Takk og forbøn

<sup>3</sup> Vi takkar alltid Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, når vi bed for dykk.

<sup>4</sup> For vi har fått høyra om dykkar tru på Kristus Jesus og den kjærleiken de har til alle dei heilage

<sup>5</sup> på grunn av det håpet som ventar dykk i himmelen. Det har de alt no fått høyra om gjennom det sanne ordet, evangeliet

<sup>6</sup> som er kome til dykk. For i heile verda ber evangeliet frukt og breier seg ut. Det har det òg gjort hos dykk, heilt frå den dagen de høyrde det og i sanning fekk læra Guds nåde å kjenna.

<sup>7</sup> Det var slik de lærte det av Epafra, vår kjære medarbeidar, som er ein trufast Kristi tenar for dykk.

<sup>8</sup> Han har òg fortalt oss om den kjærleiken de har i Anden.

<sup>9</sup> Heilt frå den dagen vi fekk høyra om dette, har vi ikkje halde opp med å be for dykk. Og det er vår bøn at de må bli fylte med kunnskap om Guds vilje og få all den visdom og innsikt som Anden gjev,

<sup>10</sup> så de kan leva eit liv som er Herren verdig, og vera heilt og fullt til glede for han, bera frukt i all god gjerning og stadig veksa i kjennskap til Gud.

<sup>11</sup> De skal styrkjast av krafta frå hans herlegdom, så de alltid er uthaldande og tolmodige. Og med glede

<sup>12</sup> skal de takka Far, som gjorde dykk i stand til å få del i den arven dei heilage får i lyset.

**13** For han har fria oss ut frå mørkrets makt og ført oss over i riket til Sonen, som han elskar.

**14** I han er vi frikjøpte og har fått tilgjeving for syndene.

### **Skaping og forsoning ved Kristus**

**15** Han er biletet av den usynlege Gud, den førstefødde før alt det skapte.

**16** For i han vart alt skapt, i himmelen og på jorda, det synlege og det usynlege, troner og herredøme, makter og åndskrefter – ved han og til han er alt skapt.

**17** Han er før alt, og i han blir alt halde saman.

**18** Han er hovudet for kroppen, som er kyrkja. Han er opphavet, den førstefødde frå dei døde, så han i eitt og alt skal vera den fremste.

**19** For i han ville Gud la heile sin fylde bu,

**20** og ved han ville Gud forsona alt med seg, det som er i himmelen, og det som er på jorda, då han skapte fred ved hans blod på krossen.

**21** De òg var ein gong framande og fiendar av Gud i sinn og tanke med dei vonde gjerningane dykkar.

**22** Men no har han forsona dykk med seg, då Kristus leid døden i sin kropp av kjøt og blod. Heilage, uklanderlege og utan feil ville han stilla dykk fram for seg,

**23** så sant de blir ståande i trua, grunnfeste og støe, og ikkje lèt dykk riva bort frå håpet i evangeliet, det som de har høyrte. Det er forkynt for alle skapningar under himmelen, og eg, Paulus, er ein tenar for det.

### **Liding og teneste for forsamlingane**

**24** No gleder eg meg over det eg må lida for dykk, og det som enno manglar i Kristi lidingar, det utfyller eg med min eigen kropp; eg lid for hans kropp, som er kyrkja.

**25** Hennar tenar har eg vorte fordi Gud gav meg oppgåva som forvaltar hos dykk: å fullføra tenesta med Guds ord,

<sup>26</sup> det mysteriet som har vore løynt gjennom alle tider og for alle slekter, men som no er openberra for hans heilage.

<sup>27</sup> Gud ville kunngjera for dei kor rikt på herlegdom dette mysteriet er for folkeslaga: Kristus er mellom dykk, håpet om herlegdomen!

<sup>28</sup> Det er han vi forkynner. Og vi rettleier og underviser alle menneske i den fulle visdom, så vi kan føra kvart menneske fram til mognad i Kristus.

<sup>29</sup> For å nå dette målet arbeider og kjempar eg i hans kraft, som verkar i meg med styrke.

## **Kolossarane 2**

<sup>1</sup> Eg vil de skal vita kor hardt eg strider for dykk og for dei i Laodikea, og for alle dei andre som ikkje har møtt meg andlet til andlet.

<sup>2</sup> Eg ønskjer at dei må få nytt mot i hjartet, bli knytte saman i kjærleik og nå fram til heile rikdomen av overtyding og innsikt, så dei kan fatta Guds mysterium, som er Kristus.

<sup>3</sup> For i han ligg alle skattar av visdom og kunnskap gøymde.

<sup>4</sup> Dette seier eg for at ingen skal lura dykk med lokkande talemåtar.

<sup>5</sup> For sjølv om eg ikkje er hos dykk med kroppen, er eg hos dykk i ånda, og eg ser med glede den gode orden som rår hos dykk, og kor faste de er i trua på Kristus.

### **Kristi fylde og dåpen**

<sup>6</sup>Når de har teke imot Kristus Jesus som Herre, så lev då i han,

<sup>7</sup>rotfeste i han og oppbygde på han! Stå faste i den trua de er opplærte i, og lat dykkar takk fløyma!

<sup>8</sup> Sjå til at ingen får fanga dykk med visdomslære og tomt bedrag som kjem frå menneskelege overleveringar, frå grunnkreftene i verda og ikkje frå Kristus.

<sup>9</sup>For i hans kropp bur heile guddomsfylden,

**10** og i han, som er hovudet for alle makter og åndskrefter, har de fått denne fyllden.

**11** I han vart de òg omskorne, men ikkje av menneskehender. De vart omskorne med Kristi omskjering då de la av den kroppen som kjøtet har makta over.

**12** For i dåpen vart de gravlagde med han; der vart de òg oppreiste med han, ved trua på Guds kraft, han som reiste Kristus opp frå dei døde.

**13** De var døde på grunn av misgjerningane og det uomskorne kjøtet dykkar. Men han gjorde dykk levande saman med Kristus då han tilgav oss alle våre misgjerningar.

**14** Skuldbrevet mot oss sletta han, det som var skrive med lovbod; han tok det bort frå oss då han nagla det til krossen.

**15** Han kledde maktene og åndskreftene nakne og viste dei fram til spott og spe då han synte seg som sigerherre over dei på krossen.

#### **Mot falske menneskebod**

**16** Så lat då ingen dømma dykk når det gjeld mat og drikke, høgtider, nymånedagar eller sabbatsdagar.

**17** Dette er berre skuggen av det som skulle koma, men kroppen høyrer Kristus til.

**18** Lat ikkje dei som vil driva med sjølvforneking og engledyrking, røva sigersprisen frå dykk. Dei går heilt opp i sine eigne syn, og utan grunn blæs dei seg opp av tankar som kjem frå deira eige kjøt og blod,

**19** og held ikkje fast på han som er hovudet. Ut frå han veks heile kroppen med ein vokster som er av Gud, og blir halden oppe og bunden saman av alle sener og band.

**20** Når de med Kristus har døydd bort frå grunnkreftene i verda, korleis kan de då leva slik ein gjer i verda, og følgja bod som

**21** «ta ikkje», «smak ikkje», «rør ikkje»?

<sup>22</sup> Dette er berre menneskelege bod og lærdomar om ting som er meinte til å brukast og gå til grunne.

<sup>23</sup> Rett nok har slikt ord på seg for å vera visdom, både sjølvлага gudsdyrking, sjølvfornekting og mishandling av kroppen. Men det er ingen ting verdt, det tener berre til å gjera kjøtet vårt til lags.

## Kolossarane 3

### Det gamle og det nye mennesket

<sup>1</sup> Er de då oppreiste med Kristus, så søk det som er der oppe, der Kristus sit ved Guds høgre hand.

<sup>2</sup> Vend dykkar sinn til det som er der oppe, ikkje til det som er på jorda.

<sup>3</sup> For de er døde, og livet dykkar er løynt med Kristus i Gud.

<sup>4</sup> Men når Kristus, dykkar liv, openberrar seg, skal de òg openberrast i herlegdom saman med han.

<sup>5</sup> Så lat det jordiske i dykk døy: hor, ureinskap, lidenskap, vond lyst, og trongen til alltid å eiga meir, som ikkje er anna enn avgudsdyrking.

<sup>6</sup> Alt dette gjer at Guds vreide kjem over dei ulydige.

<sup>7</sup> Mellom dei var de òg, den gongen de levde i dette.

<sup>8</sup> Men no må de leggja av alt dette: sinne, raseri, vondskap, spott og rått snakk.

<sup>9</sup> Og lyg ikkje for kvarandre! For de har kledd av dykk det gamle mennesket med dei gjerningar som høyrer det til,

<sup>10</sup> og ikledd dykk det nye mennesket, som blir fornya etter sin skapars bilete og lærer han å kjenna.

<sup>11</sup> Her er ikkje grekar eller jøde, omskoren eller uomskoren, barbar, skytar, slave eller fri. Nei, Kristus er alt og i alle.

<sup>12</sup> De er Guds utvalde, heilage og elska av han. Kled dykk difor i inderleg medkjensle og ver gode, milde, audmjuke og tolmodige,



**13** så de ber over med kvarandre og tilgjev kvarandre om den eine har noko å klaga den andre for. Som Herren har tilgjeve dykk, skal de tilgje kvarandre.

**14** Og over alt dette: Kled dykk i kjærleik, det bandet som bind saman og gjer fullkomen.

**15** Lat Kristi fred rå i hjartet dykkar, for til det vart de kalla då de vart éin kropp. Og ver takksame!

**16** Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk, så de med visdom kan undervisa og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar. Syng for Gud med takk i hjarta!

**17** Og alt de gjer, i ord og gjerning, skal de gjera i Herren Jesu namn og ved han takka Gud, vår Far.

#### **Heim og familie**

**18** Kvinner, underordna dykk mennene dykkar, som det sømer seg i Herren.

**19** Menn, elsk konene dykkar og ver ikkje harde mot dei.

**20** Born, ver lydige mot foreldra dykkar i alle ting, for det er til glede i Herren.

**21** Foreldre, ver ikkje så strenge mot borna dykkar at dei mistar motet.

**22** Slavar, lyd dei jordiske herrane dykkar i alle ting. Ver ikkje augnetenarar som berre vil gjera menneske til lags, men lyd dei av eit ærleg hjarte, i ærefrykt for Herren.

**23** Alt arbeid skal de gjera heilhjarta, for det er Herren og ikkje menneske de tener.

**24** For de veit at de skal få arven som løn av Herren. Kristus er den herren de skal tena.

**25** Men den som gjer urett, skal få den løn han fortener. Her er det ikkje forskjell på folk.

#### **Kolossarane 4**

<sup>1</sup> De som er herrar, far rett og rimeleg fram mot slavane dykkar, for de veit at de òg har ein herre i himmelen.

### Bøn og venlege ord

<sup>2</sup> Ver uthaldande i bøna, vak og be og takk Gud!

<sup>3</sup> Be for oss òg, at Gud må opna ei dør for Ordet, så vi kan forkynna Kristi mysterium, det eg sit bunden for.

<sup>4</sup> Be om at eg må få tala slik som eg skal når eg gjer det kjent.

<sup>5</sup> Gå fram med visdom mellom dei som står utanfor, og bruk den dyrebare tida godt.

<sup>6</sup> Lat alltid orda dykkar vera venlege, men godt salta, så de veit korleis de skal svara kvar einskild.

### Helsingar

<sup>7</sup> Tykikos kjem til å fortelja dykk alt om korleis eg har det. Han er ein elska bror og ein trufast tenar og medarbeidar i Herren.

<sup>8</sup> Eg sender han til dykk for at de skal få høyra korleis det er med oss, og for at han skal trøysta hjarta dykkar.

<sup>9</sup> Saman med han sender eg Onesimos, vår trufaste og elska bror, som er ein av dykkar eigne. Desse to kan fortelja dykk alt herifrå.

<sup>10</sup> Aristarkos, som er i fengsel saman med meg, helsar dykk; det same gjer Markus, syskenbarnet til Barnabas. Han har de fått bod om tidlegare. Om han kjem, så ta vel imot han.

<sup>11</sup> Jesus, som har tilnamnet Justus, helsar òg. Desse er dei einaste omskorne som saman med meg har arbeidd for Guds rike, og dei har vore til stor trøyst for meg.

<sup>12</sup> Epafra, som er ein av dykkar eigne, helsar dykk. Han er ein Kristi Jesu tenar og strider alltid for dykk i bøn, så de kan bli ståande, fullmogne og fullt overtudde om heile Guds vilje.

- 13 Eg gjev han det vitnemålet at han strevar og arbeider for dykk og for dei som er i Laodikea og Hierapolis.
- 14 Den kjære Lukas, legen, helsar dykk, like eins Demas.
- 15 Hels syskena i Laodikea, og Nymfa og forsamlinga som kjem saman i hennar hus.
- 16 Når dette brevet er opplese hos dykk, skal de sørgja for at det òg blir opplese i forsamlinga i Laodikea, og at brevet frå Laodikea blir opplese hos dykk.
- 17 Sei til Arkippos: Sjå til at du fullfører den tenesta du har fått for Herren.
- 18 Eg, Paulus, skriv denne helsinga med mi eiga hand. Gløym ikkje lenkjene mine! Nåden vere med dykk!

## 1. Tessalonikar

### 1. Tessalonikar 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Paulus, Silvanus og Timoteus helsar forsamlinga i Tessalonika, i Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus. Nåde og fred vere med dykk!

#### Paulus gleder seg over forsamlinga

<sup>2</sup> Vi takkar alltid Gud for dykk alle når vi nemner dykk i bønene våre.

<sup>3</sup> For vår Gud og Fars andlet hugsar vi stadig korleis trua dykkar viser seg i gjerning, kjærleiken i arbeid og vona til vår Herre Jesus Kristus i tolmod.

<sup>4</sup> De er elska av Gud, sysken, og vi veit at de er utvalde.

<sup>5</sup> For då evangeliet kom til dykk, var det ikkje berre med ord, men òg med kraft, ved Den heilage ande og med full overtyding. De veit kva vi gjorde hos dykk, for dykkar skuld.

<sup>6</sup> Og de etterlikna oss, ja, de etterlikna Herren sjølv, då de under hard motgang tok imot Ordet med den glede som Den heilage ande gjev.

<sup>7</sup> Slik vart de eit føredøme for alle dei truande i Makedonia og Akaia.

<sup>8</sup> For frå dykk har Herrens ord fått lyda vidt utover. Ikkje berre i Makedonia og Akaia, men alle stader har dei høyrte om dykkar tru på Gud, så den treng ikkje vi seia noko om.

<sup>9</sup> Dei fortel sjølve kva mottaking vi fekk hos dykk, korleis de vende om til Gud frå avgudane for å tena den levande, sanne Gud

<sup>10</sup> og venta på hans Son frå himmelen, han som Gud reiste opp frå dei døde, Jesus, som bergar oss frå den komande vreiden.

### 1. Tessalonikar 2

#### Paulus i Tessalonika

<sup>1</sup> De veit sjølve, sysken, at det ikkje var fåfengt at de tok imot oss.

<sup>2</sup>Endå vi, som de veit, nett hadde lide vondt og vorte mishandla i Filippi, fekk vi i vår Gud frimod til å tala Guds evangelium til dykk, endå det var hard motstand.

<sup>3</sup>Det ligg ikkje villfaring bak forkynninga vår, heller ikkje ureine motiv, og vi fer ikkje med svik.

<sup>4</sup>Nei, vi har vorte prøvde av Gud og er tiltrudde evangeliet. Difor talar vi som vi gjer, ikkje for å gjera menneske til lags, men Gud, han som prøver hjarta våre.

<sup>5</sup>For vi kom ikkje med smigrande ord, som de veit, og heller ikkje med baktankar om eiga vinning. Gud er vårt vitne.

<sup>6</sup>Vi søkte ikkje ære hos menneske, verken hos dykk eller andre,

<sup>7</sup>endå vi som Kristi apostlar kunne ha vore myndige. I staden var vi som spedborn mellom dykk, som når ei amme steller med sine egne born,

<sup>8</sup>slik hadde vi vorte inderleg glade i dykk og ville gjerne gje dykk ikkje berre Guds evangelium, men òg vårt eige liv. Så kjære var de for oss.

<sup>9</sup>For de hugsar, sysken, kva slit og strev vi hadde. Vi forkynte Guds evangelium for dykk, og samtidig arbeidde vi natt og dag så vi ikkje skulle vera ei bør for nokon av dykk.

<sup>10</sup>De kan vitna, og Gud like eins, at vi har ferdast mellom dykk truande på heilagt, ærleg og ulasteleg vis.

<sup>11</sup>De veit òg at vi var som ein far mot borna sine mot kvar og ein av dykk:

<sup>12</sup>Vi formana, oppmoda og bad dykk inderleg at de skulle ferdast slik det er verdig for Gud, han som kallar dykk til sitt rike og sin herlegdom.

<sup>13</sup>Difor takkar vi stadig Gud, for då de fekk overlevert det Guds ord som vi forkynte for dykk, tok de imot det – ikkje som menneskeord, men som det Guds ord det i sanning er. Dette ordet verkar med kraft i dykk som trur.

<sup>14</sup> For de, sysken, har etterlikna Guds forsamlingar i Judea, dei som er i Kristus Jesus. De har måtta tola det same av dykkar landsmenn som dei har måtta tola av jødane,

<sup>15</sup> dei som drap Herren Jesus og profetane og forfølgde oss. Dei er ikkje til glede for Gud og står alle menneske imot.

<sup>16</sup> For dei hindrar oss i å tala til heidningane så dei kan bli frelste, og slik fyller dei opp med synd på synd. Men til sist har vreiden nådd dei.

### **Paulus vil på nytt til Tessalonika**

<sup>17</sup> Ei lita stund, sysken, var vi skilde frå dykk, som born frå foreldra sine. De var ute av auga, men ikkje av hjartet. Men vi lengta etter dykk og fekk meir og meir lyst til å sjå dykk andlet til andlet,

<sup>18</sup> og difor ville vi koma til dykk. Eg, Paulus, freista både ein og to gonger, men Satan hindra oss.

<sup>19</sup> For kven skal vera vår von, vår glede og vår sigerskrans om ikkje de, den dagen vår Herre Jesus kjem og vi står for hans andlet?

<sup>20</sup> Ja, de er vår ære og vår glede!

## **1. Tessalonikar 3**

<sup>1</sup> Då vi ikkje kunne halda dette ut lenger, ville vi heller vera att åleine i Aten,

<sup>2</sup> og vi sende Timoteus til dykk, vår bror og Guds medarbeidar i tenesta for Kristi evangelium. Han skulle styrkja dykk i trua og setja mot i dykk,

<sup>3</sup> så ingen skulle vakla under denne motgangen. For de veit sjølve at dette er lagt på oss.

<sup>4</sup> Då vi var hos dykk, sa vi på førehand at vi kom til å møte motgang, og som de veit, gjekk det slik.

<sup>5</sup> Og fordi eg ikkje heldt det ut lenger, sende eg han av stad for å få vita korleis det stod til med trua dykkar, om freistaren hadde greidd å freista dykk så arbeidet vårt var nyttelaust.



<sup>6</sup>Men no er Timoteus nett attkomen frå dykk med godt nytt om dykkar tru og kjærleik. Han fortel at de alltid minnest oss med glede og lengtar etter å sjå oss att, liksom vi lengtar etter dykk.

<sup>7</sup>Slik har vi no, sysken, vorte trøysta ved dykkar tru i all vår motgang og naud.

<sup>8</sup>Og no lever vi, når de står faste i Herren.

<sup>9</sup>Korleis kan vi så takka Gud for dykk som vi burde, takka for all den gleda som fyller oss for Guds andlet, den gleda som de har gjeve oss?

<sup>10</sup>Natt og dag bed vi inderleg om å få sjå dykk att, andlet til andlet, og bøta på det som enno manglar i trua dykkar.

<sup>11</sup>Må Gud sjølv, vår Far, og Jesus, vår Herre, styra vår veg til dykk!

<sup>12</sup>Og måtte Herren la dykkar kjærleik til kvarandre og til alle menneske få veksa og bli overstrøymande rik, slik som vår kjærleik til dykk!

<sup>13</sup>Slik skal han styrkja hjarta dykkar, så de skal stå ulastelege og heilage for Gud, vår Far, når vår Herre Jesus kjem med alle sine heilage. {{Amen.}}

## 1. Tessalonikar 4

### Framsteg i heilagt liv og kjærleik

<sup>1</sup>Elles, sysken, bed vi dykk og legg dykk på hjartet i Herren Jesus: De har teke imot og lært av oss korleis de skal leva og vera til glede for Gud, og slik lever de alt no. Men de må gjera endå større framsteg i dette!

<sup>2</sup>For de veit kva bod vi gav dykk frå Herren Jesus.

<sup>3</sup>For dette er Guds vilje: at de skal vera heilage, så de held dykk borte frå hor.

<sup>4</sup>Kvar og ein skal vita å vinna seg si eiga kone i heilagdom og ære,

<sup>5</sup>ikkje i sanseleg lyst som heidningane, som ikkje kjenner Gud.

<sup>6</sup>Ingen må gjera bror sin urett eller lura han i dette. Herren straffar alt slikt, som vi før har sagt og lagt dykk på hjartet.

<sup>7</sup>For Gud kalla oss ikkje til ureinskap, men til eit heilagt liv.

<sup>8</sup> Den som avviser dette, han avviser difor ikkje eit menneske, men han avviser Gud, som gjev dykk sin heilage Ande.

<sup>9</sup> Om sysken kjærleiken treng vi ikkje skriva til dykk, for de har sjølve lært av Gud å elska kvarandre.

<sup>10</sup> Og de viser denne kjærleiken mot alle syskena våre i heile Makedonia. Men vi legg dykk på hjartet, sysken, at de må gjera endå større framsteg i dette.

<sup>11</sup> De skal setja dykkar ære i å leva eit roleg liv, passa pliktene dykkar og arbeida med hendene, som vi har bode dykk,

<sup>12</sup> så de kan gå sømeleg fram mellom dei som er utanfor, og ikkje treng be nokon om hjelp.

### Når Herren kjem

<sup>13</sup> Vi vil ikkje, sysken, at de skal vera uvitande om dei som har sovna inn, så de ikkje skal sørgja som dei andre, dei som er utan håp.

<sup>14</sup> For så sant Jesus døydde og stod opp, og det trur vi, så skal òg Gud ved Jesus føra dei som har sovna inn, saman med han.

<sup>15</sup> Dette seier vi dykk med eit ord frå Herren: Vi som enno lever og blir att her heilt til Herren kjem, skal slett ikkje koma før dei som har sovna inn.

<sup>16</sup> For når det bydande ropet lyder, når erkeengelen lyfter si røyst og Guds basun ljomar, då skal Herren sjølv stiga ned frå himmelen, og dei døde i Kristus skal først stå opp.

<sup>17</sup> Så skal vi som har vorte att og enno lever, rykkjast bort saman med dei i skyene og møte Herren i lufta. Og så skal vi alltid vera saman med Herren.

<sup>18</sup> Trøyst kvarandre og set mot i kvarandre med desse orda!

## 1. Tessalonikar 5

<sup>1</sup> Men om timane og tidene treng vi ikkje skriva til dykk, sysken.

<sup>2</sup> For de veit godt at Herrens dag kjem som ein tjuv om natta.



<sup>3</sup>Når folk seier: «Fred og ingen fare», då kjem undergangen over dei, brått som riene over ei kvinne som skal føda, og dei kan ikkje sleppa unna.

<sup>4</sup>Men de, sysken, er ikkje i mørkret, så dagen skulle koma uventa på dykk som ein tjuv.

<sup>5</sup>For de er alle born av lyset og born av dagen; vi høyrer ikkje natta eller mørkret til.

<sup>6</sup>Så lat oss ikkje sova som dei andre, men vaka og vera edrue!

<sup>7</sup>For dei som søv, dei søv om natta, og dei som drikk seg fulle, dei drikk om natta.

<sup>8</sup>Men vi som høyrer dagen til, vi skal vera edrue, kledde med tru og kjærleik som brynje og med vona om frelse som hjelm.

<sup>9</sup>For Gud har ikkje valt oss ut til vreide, men til å vinna frelse ved vår Herre Jesus Kristus.

<sup>10</sup>Han døydde for oss så vi skal leva saman med han anten vi vaker eller søv.

<sup>11</sup>Difor må de setja mot i kvarandre og oppbyggja kvarandre, som de òg gjer.

#### **Livet i forsamlinga**

<sup>12</sup>Vi bed dykk, sysken, at de må verdsetja dei som slit og arbeider mellom dykk, dei som er dykkar føresette i Herren og rettleier dykk.

<sup>13</sup>De skal visa dei den største kjærleik og respekt på grunn av den gjerninga dei gjer. Lat freden råda mellom dykk!

<sup>14</sup>Vi legg dykk på hjartet, sysken: Tal til rette dei som ikkje held orden på livet sitt, set mot i dei motlause, ta dykk av dei veike, ver tolmodige mot alle!

<sup>15</sup>Sjå til at ingen løner vondt med vondt, men legg vinn på å gjera godt mot kvarandre, ja, mot alle!

<sup>16</sup>Ver alltid glade!

<sup>17</sup>Be uavlateleg!

**18** Takk Gud, kva som enn møter dykk! For dette er Guds vilje med dykk i Kristus Jesus.

**19** Sløkk ikkje ut Anden!

**20** Forakt ikkje profetord,

**21** men prøv alt og hald fast på det gode!

**22** Hald dykk ifrå vondskap av alle slag!

**23** Må han sjølv, fredens Gud, helga dykk heilt igjennom. Og gjev at dykkar ånd og sjel og kropp må haldast uskadde, så de kan vera ulastelege når vår Herre Jesus Kristus kjem!

**24** Trufast er han som kallar dykk til dette. Han skal òg fullføra det.

#### **Sluttord**

**25** Be for oss, sysken!

**26** Hels alle syskena våre i trua med eit heilagt kyss!

**27** Eg byd dykk ved Herren at dette brevet skal lesast opp for dei alle.

**28** Vår Herre Jesu Kristi nåde vere med dykk!

## 2. Tessalonikar

### 2. Tessalonikar 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Paulus, Silvanus og Timoteus helsar forsamlinga i Tessalonika, i Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

<sup>2</sup> Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

#### Dommen når Herren kjem att

<sup>3</sup> Vi må alltid takka Gud for dykk, sysken, som rett er. For trua dykkar veks seg stadig rikare, og kjærleiken de har til kvarandre, blir større hos kvar og ein av dykk.

<sup>4</sup> Når vi fortel om dykk i Guds forsamlingar, kan vi difor vera stolte over det tolmog og den tru de viser i alle dei forfølgingar og trengsler de må tola.

<sup>5</sup> Dette er eit varsel om Guds rettferdige dom, då de skal finnast verdige til Guds rike, som de no lid for.

<sup>6</sup> For det er rettferdig i Guds auge at dei som fører trengsler over dykk, skal han gje trengsler att;

<sup>7</sup> og dykk som lid trengsler, skal han gje lindring saman med oss når Herren Jesus openberrar seg frå himmelen. Han kjem med sine mektige englar

<sup>8</sup> i logande eld og straffar dei som ikkje kjenner Gud, og dei som ikkje er lydige mot vår Herre Jesu evangelium.

<sup>9</sup> Straffa dei skal lida, blir ei evig fortaping borte frå Herrens andlet og borte frå hans herlegdom og makt,

<sup>10</sup> den dagen han kjem og skal lovprisast mellom sine heilage og tilbedast av alle som trur. Og de har trudd det vitnemålet vi bar fram.

<sup>11</sup> Difor bed vi alltid for dykk at vår Gud må gjera dykk verdige til det kallet de har fått, og fylla dykk heilt med vilje til det gode og med ei tru som med kraft viser seg i gjerning.

<sup>12</sup> Då skal vår Herre Jesu namn bli herleggjort i dykk, og de i han, ved vår Guds og Herren Jesu Kristi nåde.

## 2. Tessalonikar 2

### Den lovause

<sup>1</sup> Når det gjeld vår Herre Jesu Kristi kome, og det at vi skal samlast hos han, bed vi dykk, sysken:

<sup>2</sup> Lat dykk ikkje så lett driva ut i forvirring, og lat dykk ikkje skremma, verken av åndsbodskapar, av påstandar eller av brev som dei seier er frå oss, om at Herrens dag er komen.

<sup>3</sup> Lat ingen føra dykk vill på nokon måte! For først må fråfallet koma og den lovause syna seg, han som er fortapingssonen.

<sup>4</sup> Det er motstandaren, han som opphøgjer seg over alt det som gud og heilagdom heiter, så han til og med set seg i Guds tempel og gjer seg sjølv til gud.

<sup>5</sup> Hugsar de ikkje at eg sa dette då eg var hos dykk?

<sup>6</sup> Og de veit kva som no held han att, så han først openberrar seg når hans tid kjem.

<sup>7</sup> Lovløysa er alt verksam med si kraft, men i løyndom, for han som enno held att, må først ryddast av vegen.

<sup>8</sup> Då skal den lovause syna seg, han som Herren Jesus skal drepa med pusten frå sin munn og gjera til inkjes den dagen han kjem i herlegdom.

<sup>9</sup> Når den lovause kjem, har han si kraft frå Satan, og han står fram med stor makt og med under og falske teikn.

<sup>10</sup> Med allslags urett forfører han dei som går fortapt, fordi dei ikkje ville elska sanninga så dei kunne bli frelste.

<sup>11</sup> Difor sender Gud over dei ei villfaring som gjer at dei trur løgna.

<sup>12</sup>Og slik får dei sin dom, alle dei som ikkje trudde sanninga, men hadde si glede i uretten.

### **Hald fast på det de har lært**

<sup>13</sup> Vi må alltid takka Gud for dykk, sysken, de som er elska av Herren. For som førstegrøde valde Gud dykk ut til å bli frelste, de som vart helga av Anden og trudde sanninga.

<sup>14</sup> Dette kalla han dykk til ved det evangeliet vi forkynner, så de skal vinna vår Herre Jesu Kristi herlegdom.

<sup>15</sup> Stå då støtt, sysken, og hald fast på dei overleveringane de har vorte underviste i av oss, anten munnleg eller i brev.

<sup>16</sup> Vår Herre Jesus Kristus sjølv og Gud, vår Far, som har elska oss og i sin nåde gjeve oss ei evig trøyst og eit rikt håp,

<sup>17</sup> måtte han gje dykkar hjarte mot og styrkje dykk til alt godt, i ord og gjerning!

## **2. Tessalonikar 3**

### **Ønske om forbøn**

<sup>1</sup> Til slutt, sysken, be for oss at Herrens ord må få fritt løp og haldast i ære, liksom hos dykk!

<sup>2</sup> Og be om at vi må bli berga frå vrangle og vonde menneske – for det er ikkje alle som trur.

<sup>3</sup> Men Herren er trufast, han skal styrkja dykk og vara dykk frå det vonde.

<sup>4</sup> Og i Herren har vi den tillit til dykk at de gjer og kjem til å gjera det vi byd dykk.

<sup>5</sup> Gjev Herren må leia hjartet dykkar fram til Guds kjærleik og Kristi tolmod!

### **Mot uorden og ulydnad**

<sup>6</sup> Vi byd dykk, sysken, i Herren Jesu Kristi namn, at de held dykk unna alle sysken som ikkje held orden på livet sitt og ikkje retter seg etter den overleveringa de fekk av oss.

<sup>7</sup> De veit sjølve korleis de må leva om de vil likna oss. For vi levde ikkje eit latmannsliv hos dykk,

<sup>8</sup> og vi åt ikkje vårt brød hos nokon utan å betala. Vi arbeidde natt og dag; vi streva og sleit så vi ikkje skulle vera ei bør for nokon av dykk.

<sup>9</sup> Vi har nok full rett til livsopphald, men vi ville gje dykk eit føredøme så de kunne etterlikna oss.

<sup>10</sup> For då vi var hos dykk, gav vi dykk dette påbodet: Den som ikkje vil arbeida, skal heller ikkje eta.

<sup>11</sup> Men no høyrer vi at somme av dykk ikkje held orden på livet sitt; dei passar ikkje arbeidet sitt, dei berre går og driv.

<sup>12</sup> Slike folk byd og formanar vi i Herren Jesu Kristi namn at dei skal arbeida i det stille og eta sitt eige brød.

<sup>13</sup> Men de, sysken, bli ikkje trøytte av å gjera det som rett og godt er!

<sup>14</sup> Og er det nokon som ikkje vil retta seg etter det vi har sagt i dette brevet, skal de merka dykk kven det er. Ha ikkje noko med han å gjera, så han ser si skam.

<sup>15</sup> Men hald han ikkje for ein fiende; tal han til rette som ein bror.

### **Sluttord**

<sup>16</sup> Må fredens Herre sjølv gje dykk fred, alltid og på alle måtar. Herren vere med dykk alle!

<sup>17</sup> Eg, Paulus, skriv denne helsinga med mi eiga hand. Dette er kjennemerket i kvart brev. Slik er mi handskrift.

<sup>18</sup> Vår Herre Jesu Kristi nåde vere med dykk alle!

## 1. Timoteus

### 1. Timoteus 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Paulus, Kristi Jesu apostel etter påbod frå Gud, vår frelsar, og Kristus Jesus, vår von,

<sup>2</sup> helsar Timoteus, mitt ektefødde barn i trua: Nåde, miskunn og fred frå Gud, vår Far, og Kristus Jesus, vår Herre!

#### Åtvaring mot vranglærarar

<sup>3</sup> Då eg drog til Makedonia, bad eg deg vera att i Efesos. Du skulle forby einiskilde der å fara med ei anna lære

<sup>4</sup> eller vera opptekne av mytar og endelause ættetavler. For slikt fører berre til spekulasjonar og tener ikkje Guds frelseplan, der det dreiar seg om tru.

<sup>5</sup> Målet for dette oppdraget er kjærleik av eit reint hjarte, av eit godt samvit og av ei oppriktig tru.

<sup>6</sup> Nokre har forvilla seg bort frå dette og har hamna i tomme ord.

<sup>7</sup> Dei vil vera lovlærarar, men skjønar korkje det dei sjølve seier eller det dei talar så sjølvikkert om.

<sup>8</sup> Men vi veit at lova er god om vi bruker henne slik ho skal brukast,

<sup>9</sup> og forstår at ho ikkje er gjeven for rettferdige, men for lovbrytarar og ulydige, ugudelege og syndarar, gudsfornektarar og vanheilage, og for dei som slår far sin eller mor si, for mordarar,

<sup>10</sup> dei som driv hor, menn som ligg med menn, dei som driv med menneskehandel, løgnarar og dei som sver falsk eid, og kva som elles måtte strida mot den sunne lære.

<sup>11</sup> Dette er i samsvar med evangeliet om herlegdomen hos Gud, den sæle, det evangeliet som er tiltrudd meg.

#### Den største syndaren

<sup>12</sup> Eg takkar han som gjorde meg sterk, Kristus Jesus, vår Herre, fordi han synte meg tillit og sette meg til tenesta,

<sup>13</sup> eg som før spotta, forfølgde og fór fram med vald. Men eg fekk miskunn, for i mi vantru visste eg ikkje kva eg gjorde.

<sup>14</sup>Og vår Herres nåde har vore overstrøymande rik og gjeve meg tru og kjærleik i Kristus Jesus.

<sup>15</sup> Det er eit truverdig ord og vel verdt å ta imot, at Kristus Jesus kom til verda for å frelsa syndarar, og av dei er eg den største.

<sup>16</sup> Men når eg fekk miskunn, var det for at eg skulle vera den første som Kristus Jesus kunne visa alt sitt tolmod, så eg vart eit førebilete for dei som sidan skulle koma til tru på han og få evig liv.

<sup>17</sup> Han som er konge frå æve til æve, den uforgjengelege, usynlege, einaste Gud, han vere pris og ære i all æve! Amen.

### **Oppdraget til Timoteus**

<sup>18</sup> Timoteus, mitt barn, slik er oppdraget eg no overgjev til deg, i samsvar med dei profetord som før er tala til deg. Ved dei skal du strida den gode striden,

<sup>19</sup> i tru og med eit godt samvit. Samvitet har nokre kasta frå seg, og trua deira har forlist.

<sup>20</sup> Mellom dei er Hymeneos og Aleksander, som eg har overgjeve til Satan, for at dei skal bli viste til rette så dei ikkje spottar.

## **1. Timoteus 2**

### **Forskrifter for gudstenesta**

<sup>1</sup> Framfor alt legg eg dykk på hjartet å bera fram bøn og påkalling, forbøn og takk for alle menneske.

<sup>2</sup> Be for kongar og alle som er i leiande stillingar, så vi kan leva eit stilt og fredeleg liv med gudsfrykt og vørtnad i alt vi gjer.

<sup>3</sup> Dette er godt og noko Gud, vår frelsar, gleder seg over,



- <sup>4</sup> han som vil at alle menneske skal bli frelste og læra sanninga å kjenna.
- <sup>5</sup> For Gud er éin, og éin mellommann er det mellom Gud og menneske, mennesket Kristus Jesus,
- <sup>6</sup> han som gav seg sjølv som løysepenge for alle. Det var vitnemålet då tida var komen,
- <sup>7</sup> og for det vart eg sett til herold og apostel. Eg seier sanninga, eg lyg ikkje. Eg er ein lærar for folkeslag i tru og sanning.
- <sup>8</sup> Eg vil at mennene alle stader skal lyfta reine hender når dei held bøn, utan sinne og strid.
- <sup>9</sup> På same måten vil eg at kvinnene skal ha ei fin framferd. Dei skal pynta seg med måte og forstand, ikkje med alle slags flettingar, gullsmykke, perler eller dyre klede,
- <sup>10</sup> men med gode gjerningar, slik det sømer seg for kvinner som vil leva gudfryktig.
- <sup>11</sup> Når ei kvinne tek imot læra, skal ho vera stille og underordna seg i eitt og alt.
- <sup>12</sup> Eg tillèt ikkje ei kvinne å undervisa eller bestemta over mannen; ho skal vera stille.
- <sup>13</sup> For Adam vart skapt først, og så Eva.
- <sup>14</sup> Og det var ikkje Adam som lét seg lokka. Men kvinna lét seg lokka og braut bodet.
- <sup>15</sup> Men ho skal bli frelst gjennom barnefødselen – berre dei viser forstand og held fast på tru, kjærleik og helging.

### **1. Timoteus 3**

- <sup>1</sup> Dette er eit truverdige ord.

#### **Leiarane i forsamlinga**

Om nokon gjerne vil ha ei tilsynsteneste, er det ei verdfull oppgåve han ønskjer seg.

<sup>2</sup> Difor må ein tilsynsmann ikkje kunna skuldast for noko. Han må vera mann til éi kvinne, edrueleg, forstandig, høfleg, gjestfri, god til å undervisa,

<sup>3</sup> ikkje drikkfeldig eller hardhendt, men mild, ikkje stridslysten eller glad i pengar.

<sup>4</sup> Han skal styra sitt eige hus godt, så borna hans alltid viser lydnad og respekt.

<sup>5</sup> For greier han ikkje styra sitt eige hus, korleis kan han då ha omsorg for Guds forsamling?

<sup>6</sup> Han må ikkje vera nyomvend, for då kunne han bli hovmodig og falla under same dommen som djevelen.

<sup>7</sup> Han må òg ha godt ord på seg mellom dei som står utanfor, så han ikkje blir spotta og går i djevelens snare.

<sup>8</sup> På same måten skal diakonane vera respekterte, ikkje tala med to tunger, ikkje drikkja for mykje vin og ikkje vera ute etter skammeleg vinning.

<sup>9</sup> Dei skal eiga mysteriet i trua i eit reint samvit.

<sup>10</sup> Men dei òg skal prøvast først, og dersom det ikkje er noko å seia på dei, kan dei setjast til tenesta.

<sup>11</sup> På same måten skal kvinnene vera ærbare, ikkje fara med sladder, men vera edruelege og pålitelege i alt.

<sup>12</sup> Ein diakon skal vera mann til éi kvinne, og han skal styra både born og hus på ein god måte.

<sup>13</sup> For dei som gjer tenesta si på ein god måte, vinn seg ei akta stilling og får stort frimod i trua på Kristus Jesus.

<sup>14</sup> Dette skriv eg til deg endå eg håpar å koma til deg om ikkje så lenge.

<sup>15</sup> Men skulle det dryga, vil eg du skal vita korleis ein skal ferdast i Guds hus, som er den levande Guds forsamling, søyle og grunnvoll for sanninga.

<sup>16</sup> Og samstemt vedkjenner vi at mysteriet i vår gudstru er stort. Han vart openberra i kjøt og blod, rettferdiggjord i Anden, sedd av englar, forkynt mellom folkeslag, trudd i verda, oppteken i herlegdom.

## 1. Timoteus 4

### Vranglære i dei siste tider

<sup>1</sup> Anden seier med klåre ord at i dei siste tider skal somme falla frå trua. Dei skal halda seg til ånder som fører vill, og til lære som kjem frå demonar

<sup>2</sup> og blir boren fram av hyklarar og løgnarar som har fått samvitet avsvidd.

<sup>3</sup> Dei forbyd folk å gifta seg og krev at ein skal halda seg frå visse slag mat, den som Gud har skapt til å bli motteken med takk av dei som trur og kjenner sanninga.

<sup>4</sup> For alt det Gud har skapt, er godt, og ikkje noko skal forkastast når det blir motteke med takk,

<sup>5</sup> for det blir helga med Guds ord og bøn.

### Ansaret for forsamlinga

<sup>6</sup> Når du lærer syskena dette, er du ein god Kristi Jesu tenar. Då nærer du deg av det ordet som skaper tru og av den gode læra som du har følgd.

<sup>7</sup> Men vis frå deg dei ugudelege mytane, som berre er tomt snakk. Øv deg heller i gudsfrykt.

<sup>8</sup> For kroppsleg øving er nyttig til noko, men gudsfrykta er nyttig til alt. Ho ber i seg lovnad både for dette livet og for det som kjem.

<sup>9</sup> Det er eit truverdig ord, vel verdt å ta imot.

<sup>10</sup> Difor er det vi strevar og kjempar. For vi har sett vårt håp til den levande Gud, han som er frelsar for alle menneske, men først og fremst for dei som trur.

<sup>11</sup> Dette skal du gje påbod om når du underviser.

<sup>12</sup> Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit førebilete for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik.

<sup>13</sup> Ta deg særskilt av skriftlesinga, formaninga og opplæringa, heilt til eg kjem.

<sup>14</sup> Forsøm ikkje den nådegåva som er i deg, den du fekk ved profetord då eldsterådet la hendene på deg.

<sup>15</sup> Legg vinn på alt dette, lev i det, så alle kan sjå at du gjer framsteg.

<sup>16</sup> Gjev akt på deg sjølv og på læra! Hald fram med det! For gjer du det, skal du frelsa både deg sjølv og dei som høyrer deg.

## 1. Timoteus 5

### Ulike grupper i forsamlinga

<sup>1</sup> Tal ikkje hardt til ein gammal mann. Når du formanar han, så tal til han som til ein far. Unge menn skal du formana som brør,

<sup>2</sup> eldre kvinner som mødrer og yngre kvinner som systrer, alt med reine tankar.

<sup>3</sup> Enkjer som verkeleg er enkjer, skal du æra og hjelpa.

<sup>4</sup> Men har ei enkje born eller barneborn, så lat dei først læra å visa gudsfrykt i sin eigen heim og med takk gje noko att til dei gamle. For dette er godt i Guds auge.

<sup>5</sup> Den som verkeleg er enkje og står åleine, ho har sett sitt håp til Gud og lever i bøn og påkalling natt og dag.

<sup>6</sup> Men den som berre vil nyta livet, er levande død.

<sup>7</sup> Det òg skal du prenta inn, så ingen skal kunna skulda dei for noko.

<sup>8</sup> Den som ikkje har omsorg for sine næraste, og først og fremst for sin eigen heim, har fornekta trua og er verre enn ein vantruande.

<sup>9</sup> Berre den som har fylt seksti år, kan skrivast inn mellom enkjene i forsamlinga. Ho må ha vore kona til éin mann,

**10** vera kjend for gode gjerningar, ha oppseda born, vore gjestfri, vaska føtene til dei heilage, hjelpt dei som er i naud og alltid vore oppteken av å gjera det gode.

**11** Men unge enkjer skal du ikkje godta. For lysta dreg dei bort frå tenesta for Kristus så dei vil gifta seg.

**12** Då får dei til dom at dei har brote den første lovnaden om truskap.

**13** Dessutan har dei ikkje noko å gjera og lærer seg til å springa frå hus til hus. Ja, ikkje nok med det, dei fer òg med sladder og legg seg opp i saker dei ikkje har noko med, og snakkar om slikt som ikkje sømer seg.

**14** Difor vil eg at dei unge enkjene skal gifta seg, få born og styra huset sitt, så ikkje motstandaren får høve til å koma med spott.

**15** Nokre har alt vendt seg bort og følgd Satan.

**16** Om ei truande kvinne har enkjer hos seg, skal ho sørgja for dei og ikkje la dei bli ei bør for forsamlinga. Så kan forsamlinga ta seg av dei enkjene som er åleine.

**17** Eldste som er gode leiarar i forsamlinga, fortener dobbel løn, særleg dei som arbeider med forkynning og opplæring.

**18** For Skrifta seier: Du skal ikkje setja muleband på ein okse som treskjer, og: Ein arbeidar er verd si løn.

**19** Godta ikkje skuldingar mot ein eldste utan at det finst to eller tre vitne.

**20** Dei som syndar, skal du tala til rette medan alle høyrer på, til åtvaring for andre.

**21** Eg byd deg for Guds og Kristi Jesu andlet og for dei utvalde englane at du skal halda dette, utan fordømmar og utan å gjera forskjell på folk.

**22** Ver ikkje for snar til å leggja hendene på nokon, og bli ikkje medskuldig i synder som andre gjer. Hald deg sjølv rein.

**23** Drikk ikkje lenger berre vatn, men bruk litt vin for magen din, og fordi du så ofte er sjuk.



<sup>24</sup>Hos nokre menneske er syndene synlege for alle og går føre dei til dommen, hos andre følgjer dei etter.

<sup>25</sup> På same måten er dei gode gjerningane synlege. Og er dei ikkje det, skal dei koma for dagen.

## 1. Timoteus 6

<sup>1</sup> Alle som er under åket som slavar, skal visa herrane sine all den respekt dei er verde, så Guds namn og læra ikkje skal bli spotta.

<sup>2</sup> Dei som har herrar som trur, skal ikkje visa dei mindre respekt fordi dei er sysken, men heller tena dei med endå større iver. For dei som tek imot tenestene dykkar, er truande og høgt elska sysken. Dette skal du læra dei og leggja dei på hjartet.

### Vranglære og kjærleik til pengar

<sup>3</sup> Den som fer med ei anna lære og ikkje held seg til vår Herre Jesu Kristi sunne ord og den læra som høyrer sann gudsfrykt til,

<sup>4</sup> er hovmodig og skjønar ingen ting. Han er sjuk etter ordskifte og strid, og det skaper misunning, ufred, skuldingar, vonde mistankar

<sup>5</sup> og stadig krangel mellom menneske som har mista dømmekrafta og er komne bort frå sanninga; dei meiner at gudsfrykt er ein veg til vinning.

<sup>6</sup> Ja, å frykta Gud og vera fornøgd med det ein har, er ei stor vinning.

<sup>7</sup> For tomhendte kom vi inn i verda, og tomhendte må vi fara herifrå.

<sup>8</sup> Har vi mat og klede, skal vi vera fornøgde med det.

<sup>9</sup> Men dei som vil bli rike, fell i freistingar og snarer og blir gripne av mange slag tåpelege og skadelege lyster som støyter menneske ned i undergang og fortaping.

<sup>10</sup> For kjærleik til pengar er rota til alt vondt. Drivne av den har mange fare vill og er komne bort frå trua; dei har valda seg sjølv mykje liding.

### Truskap mot oppdraget

**11** Men du, Guds menneske, hald deg borte frå alt dette og jag etter rettferd, gudsfrykt, tru, kjærleik, tolmod og eit audmjukt sinn!

**12** Strid den gode striden i trua og grip det evige livet som du er kalla til, det som du vedkjende deg då du bar fram den gode vedkjenninga framfor mange vitne.

**13** Eg byd deg for Gud, som gjev alle ting liv, og for Kristus Jesus, som bar fram den gode vedkjenninga for Pontius Pilatus:

**14** Ta vare på oppgåva di og hald henne rein, så du ikkje kan skuldast for noko, heilt til vår Herre Jesus Kristus kjem.

**15** Det skal han la oss få sjå i si tid, den sæle og einaste herskaren, kongen over kongane og herren over herrane,

**16** den einaste som er udødeleg, som bur i eit lys dit ingen kan koma, han som ikkje noko menneske har sett, og ingen kan sjå. Han vere ære og evig makt! Amen.

### Sluttord

**17** Byd dei som er rike i denne verda, at dei ikkje må vera hovmodige og setja sitt håp til den usikre rikdomen, men til Gud. Han gjev oss rikeleg av alt, så vi kan nyta det.

**18** Dei skal gjera godt, vera rike på gode gjerningar, gje med raus hand og villig dela med andre.

**19** Slik samlar dei seg ein skatt som blir ein god grunnvoll for tida som kjem, så dei kan gripa det verkelege livet.

**20** Kjære Timoteus, ta vare på det du har fått overgjeve! Vend deg bort frå det gudause og tomme snakket og innvendingane frå den kunnskapen som berre er kunnskap i namnet,

**21** den som visse folk har vedkjent seg og dermed forvilla seg bort frå trua. Nåden vere med dykk!

## 2. Timoteus

### 2. Timoteus 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Paulus, Kristi Jesu apostel etter Guds vilje, utsend med lovnaden om liv i Kristus Jesus,

<sup>2</sup> helsar Timoteus, mitt kjære barn: Nåde, miskunn og fred frå Gud, vår Far, og Kristus Jesus, vår Herre!

#### Apostelen og læresveinen hans

<sup>3</sup> Med takk til Gud, som eg tener med reint samvit slik fedrane mine gjorde, hugsar eg stadig på deg natt og dag i bønene mine.

<sup>4</sup> Eg hugsar tårene dine, og eg lengtar etter å få sjå deg att – det ville fylla meg med glede.

<sup>5</sup> Eg tek på nytt fram i minnet den ærlege trua di, som først budde i Lois, mormor di, og i Evnike, mor di. Eg er viss på at ho òg bur i deg.

<sup>6</sup> Difor vil eg minna deg om dette: Lat Guds nådegåve i deg flamma opp på nytt, den du fekk då eg la hendene på deg!

<sup>7</sup> For Gud gav oss ikkje ei ånd som gjer motlaus; vi fekk Anden som gjev kraft, kjærleik og visdom.

<sup>8</sup> Du skal ikkje skamma deg over vitnemålet om vår Herre og heller ikkje over meg som er fange for hans skuld, men ber lidingane for evangeliet, du òg, i den kraft som Gud gjev.

<sup>9</sup> Han har frelst oss og kalla oss med eit heilagt kall, ikkje på grunn av gjerningane våre, men etter sin eigen vilje og nåde, den som er gjeven oss i Kristus Jesus frå evige tider,

<sup>10</sup> og som no har vorte openberra då vår frelsar Kristus Jesus kom til jord. Han har gjort ende på døden og ført udødeleg liv fram i lyset ved evangeliet.

<sup>11</sup> For det er eg sett til herold, apostel og lærar.



<sup>12</sup>Difor er det eg lid, men eg skammar meg ikkje, for eg veit kven eg trur på. Eg er sikker på at han har makt til å ta vare på det som er tiltrudd meg, heilt til dagen kjem.

<sup>13</sup> Lat dei sunne orda du har høyrte av meg, vera ditt føredøme i tru og kjærleik i Kristus Jesus.

<sup>14</sup> Ta vare på den gode skatten som er tiltrudd deg, ved Den heilage ande som bur i oss!

<sup>15</sup> Du veit at alle i Asia har vendt seg frå meg, og mellom dei er Fygelos og Hermogenes.

<sup>16</sup> Gjev Herren må visa miskunn mot huslyden til Onesiforos! For han har mange gonger sett mot i meg, og han skamma seg ikkje over lenkjene mine.

<sup>17</sup> Nei, då han kom til Roma, leita han ivrig etter meg til han fann meg.

<sup>18</sup> Må Herren la han finna miskunn hos Herren på den store dagen! Kor mykje han har gjort i tenesta si i Efesos, veit du best sjølv.

## 2. Timoteus 2

### Teneste og liding

<sup>1</sup>Så ver då sterk, barnet mitt, ved nåden i Kristus Jesus.

<sup>2</sup>Og det du har høyrte av meg framfor mange vitne, skal du gje vidare til pålitelege menneske som er i stand til å læra andre.

<sup>3</sup>Ber lidingane du òg som ein god stridsmann for Kristus Jesus.

<sup>4</sup>Ingen soldat hefter seg med dei daglege gjeremål, for han vil gjera som hærføraren seier.

<sup>5</sup>Og ein som driv idrett, må følgja reglane for å vinna sigerskransen.

<sup>6</sup>Bonden som har hatt strevet, skal få først av grøda.

<sup>7</sup>Tenk over det eg seier! For Herren skal gje deg innsikt i alt.

<sup>8</sup>Kom Jesus Kristus i hug, han som vart reist opp frå dei døde og er av Davids ætt. Dette er mitt evangelium.

<sup>9</sup> For det lid eg vondt, ja, for det er eg bunden i lenkjer som ein forbrytar. Men Guds ord er ikkje bunde!

<sup>10</sup> Difor toler eg alt for dei utvalde, så dei òg skal vinna frelsa i Kristus Jesus og få evig herlegdom.

<sup>11</sup> Det er eit truverdig ord: Har vi døydd med han, skal vi òg leva med han.

<sup>12</sup> Held vi ut, skal vi òg herska i lag med han. Fornektar vi, skal han òg fornekta oss.

<sup>13</sup> Er vi trulause, så er han endå trufast, for han kan ikkje fornekta seg sjølv.

### **Stå fast mot vranglæra**

<sup>14</sup> Dette skal du minna dei om! For Guds andlet skal du seia frå at dei ikkje må krangla og tretta. Det tener ikkje til noko, men er berre til skade for dei som høyrer på.

<sup>15</sup> Gjer det du kan for å stå di prøve for Gud, så du kan vera ein arbeidar som ikkje har noko å skamma seg over, men legg fram det sanne ordet utan omvegar.

<sup>16</sup> Vend ryggen til gudlaus og tom tale. For dei som talar slik, går berre lenger og lenger i gudløyse,

<sup>17</sup> og orda deira et om seg som kaldbrann. Mellom dei er Hymeneos og Filetos.

<sup>18</sup> Dei er komne på avvegjar, bort frå sanninga, for dei seier at oppstoda alt har skjedd, og dei bryt ned trua hos folk.

<sup>19</sup> Men Guds faste grunnvoll står og har eit segl med denne innskrifta: «Herren kjenner sine», og: «Kvar den som vedkjenner seg Herrens namn, skal venda seg bort frå urett».

<sup>20</sup> I eit stort hus er det ikkje berre kar av gull og sølv, men òg av tre og leire, dei første til fint bruk, dei andre til simplare bruk.

<sup>21</sup> Den som reinsar seg og held seg borte frå slike ting, blir eit kar til fint bruk; det er vigsla og nyttig for herren i huset og gjort ferdig til all god gjerning.

<sup>22</sup> Legg ungdomslystene bak deg. Jag etter rettferd, truskap, kjærleik og fred, saman med dei som kallar på Herren av eit reint hjarte.

<sup>23</sup> Men tåpelege ordskifte, som ingen lærer noko av, skal du avvisa, for du veit at dei føder strid.

<sup>24</sup> Ein Herrens tenar må ikkje liggja i strid. Nei, han skal vera venleg mot alle, god til å undervisa og villig til å tola vondt,

<sup>25</sup> så han er mild når han talar til rette dei som seier imot. For kanskje vil Gud ein gong gje dei å venda om, så dei lærer sanninga å kjenna.

<sup>26</sup> Då kan dei vakna av rusen og koma seg ut or den snara djevelen har fanga dei i, så dei må gjera hans vilje.

## 2. Timoteus 3

### Menneska i dei siste tidene

<sup>1</sup> Du skal vita at i dei siste dagane skal det koma tunge tider.

<sup>2</sup> Då skal folk vera sjølvopptekne og pengegriske, skrytande, hovmodige, spottande, ulydige mot foreldre, utakksame og utan tanke for det heilage,

<sup>3</sup> ukjærlege og uforsonlege, baktalande og utan herredøme over seg sjølve, råde, utan kjærleik til det gode,

<sup>4</sup> svikefulle, oppfarande og store i eigne auge. Dei elsker lystene sine meir enn dei elsker Gud.

<sup>5</sup> Dei er gudfryktige utanpå, men fornektar krafta i gudsfrykta. Vend deg bort frå slike folk!

<sup>6</sup> Mellom dei er det nokre som lurar seg inn i heimane og får makt over svake kvinner som er tyngde av synder, slike kvinner som lèt seg driva av mange slag lyster,

<sup>7</sup>og som alltid får undervising, men aldri kan læra sanninga å kjenna.

<sup>8</sup>Slik Jannes og Jambres sette seg opp mot Moses, set desse menneska seg opp mot sanninga. Dømmekrafta deira er øydelagd, og trua deira held ikkje mål.

<sup>9</sup>Men no skal dei ikkje ha meir framgang. For det skal bli klårt for alle kor vitlause dei er. Slik gjekk det òg med Jannes og Jambres.

#### **Hald fast på det du har lært**

<sup>10</sup>Men du har følgd meg i lære og liv, i forsett, i tru, i tolmod, kjærleik og vilje til å halda ut,

<sup>11</sup>og gjennom forfølging og liding, som det eg vart utsett for i Antiokia, Ikonium og Lystra. Ja, kva har eg ikkje måtta tola av forfølgingar! Men Herren har fria meg ut av dei alle.

<sup>12</sup>Alle som vil leva eit gudfryktig liv i Kristus Jesus, skal bli forfølgde.

<sup>13</sup>Men vonde menneske og svindlarar går frå vondt til verre; dei fører vill og blir sjølve førte vill.

<sup>14</sup>Men hald du fast på det du har lært og er overtydd om; du veit kven du har lært det av.

<sup>15</sup>Og heilt frå du var eit lite barn, har du kjent dei heilage skriftene, som kan gje deg visdom til frelse ved trua på Kristus Jesus.

<sup>16</sup>Kvar bok i Skrifta er innanda av Gud og til nytte i opplæring, formaning, rettleiing og oppseding i rettferd,

<sup>17</sup>så det mennesket som høyrer Gud til, kan bli fullt utrusta til all god gjerning.

## **2. Timoteus 4**

### **Fullfør løpet**

<sup>1</sup>Så sant som han kjem og opprettar sitt rike, byd eg deg framfor Guds og Kristi Jesu andlet, han som skal dømma levande og døde:

<sup>2</sup>Forkynn Ordet, stå klar i tide og utide, vis til rette, tal til tuktt og tal til trøyst, og gjer alt med tolmodig undervising!

<sup>3</sup>For det skal koma ei tid då folk ikkje toler den sunne læra, men etter eige hovud tek seg lærarar i hopetal, for dei vil ha det som kilar i øyret.

<sup>4</sup>Dei skal venda øyret frå sanninga og halda seg til mytar.

<sup>5</sup>Men du skal vera edru i alt det du gjer! Ber lidingane, gjer evangelistens gjerning og fullfør di teneste!

<sup>6</sup>For eg blir no ofra, og tida er komen då eg skal fara herifrå.

<sup>7</sup>Eg har stridd den gode striden, fullført løpet og halde fast på trua.

<sup>8</sup>No ligg rettferdskransen ferdig for meg, den som Herren, den rettferdige dommaren, skal gje meg på den store dagen, og ikkje berre meg, men alle som har lengta med kjærleik etter at han skal koma.

#### **Vener og motstandarar**

<sup>9</sup>Skund deg og kom til meg så fort du kan.

<sup>10</sup>For Demas gjekk frå meg fordi han fekk denne verda kjær. Han har reist til Tessalonika. Kreskens har reist til Galatia, Titus til Dalmatia.

<sup>11</sup>Berre Lukas er hos meg. Ta med deg Markus når du kjem; han er til stor hjelp for meg i tenesta.

<sup>12</sup>Tykikos har eg sendt til Efesos.

<sup>13</sup>Når du kjem, så ta med deg den kappa eg lét vera att i Troas hos Karpos, og bøkene, framfor alt pergamentrullane.

<sup>14</sup>Koparsmeden Aleksander har gjort meg mykje vondt. Herren skal gje han att etter hans gjerningar.

<sup>15</sup>Pass deg for han, du òg, for han har gått hardt imot forkynninga vår.

<sup>16</sup>Første gongen eg forsvara meg i retten, var det ingen som stod fram og hjelpte meg. Alle forlét meg. Gjev det ikkje må bli tilrekna dei!

- 17** Men Herren var med meg og styrkte meg, så forkynninga skulle fullførast og alle folkeslag få høyra – og eg vart berga ut or løvegapet.
- 18** Ja, Herren skal berga meg frå alt vondt og frelsa meg inn i sitt himmelske rike. Han vere ære i all æve! Amen.
- 19** Hels Priska og Akvilas og alle i heimen til Onesiforos.
- 20** Erastos vart att i Korint, og Trofimos lét eg vera att i Miletos, for han var sjuk.
- 21** Skund deg og kom før vinteren! Eubulos, Pudens, Linus, Klaudia og alle syskena sender si helsing.
- 22** Herren vere med di ånd! Nåden vere med dykk!

## Titus

### Titus 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Paulus, Guds tenar og Jesu Kristi apostel – utsend for å føra Guds utvalde til tru og læra dei å kjenna sanninga som gjev gudsfrykt

<sup>2</sup> og håp om evig liv – det livet som Gud, han som ikkje lyg, har lova frå evige tider.

<sup>3</sup> Til fastsett tid har han openberra sitt ord i den bodskapen som er tiltrudd meg etter påbod frå Gud, vår frelsar.

<sup>4</sup> Eg helsar Titus, mitt ektefødde barn i vår felles tru: Nåde og fred frå Gud, vår Far, og Kristus Jesus, vår frelsar!

#### Eldste og tilsynsmenn

<sup>5</sup> Eg lét deg vera att på Kreta så du skulle få orden på det som endå var ugjort, og setja inn eldste i kvar by, som eg baud deg.

<sup>6</sup> Ein eldste må det ikkje vera noko å seia på: Han skal vera mann til éi kvinne, borna hans må vera truande, ikkje trassige og ikkje kunna klagast for å leva eit vilt liv.

<sup>7</sup> For ein tilsynsmann er Guds hushaldar, og det må ikkje vera noko å seia på han. Han må ikkje vera eigenrådig, brásint, drikkfeldig eller hardhendt og ikkje ute etter skammeleg vinning.

<sup>8</sup> Men han skal vera gjestfri og ha kjærleik til det gode, vera forstandig og rettferdig, ha ærefrykt for Gud og ha herredøme over seg sjølv.

<sup>9</sup> Han må halda seg til det truverdige ordet i samsvar med læra, så han er skikka til både å rettleia etter den sunne læra og å visa at dei som talar imot, tek feil.

#### Dei falske lærarane

<sup>10</sup> For det er mange som er trassige, særleg blant dei omskorne. Dei fer med tomme ord og fører folk vill.

<sup>11</sup> Du må stoppa munnen på dei, for dei fører ulukke over heile familiar når dei spreier ei falsk lære for å få skammeleg vinning sjølve.

<sup>12</sup> Ein av deira egne, ein profet, har sagt: «Kretarar har alltid vore løgnarar, råe villdyr, grådige og late!»

<sup>13</sup> Dette vitnemålet er sant. Difor skal du refsa dei strengt, så dei kan få ei sunn tru.

<sup>14</sup> Dei må ikkje halda seg til jødiske mytar og bod, gjevne av menneske som har vendt seg frå sanninga.

<sup>15</sup> Alt er reint for dei reine, men for dei ureine og vantruande er ingen ting reint. Nei, hos dei er både vitet og samvitet ureine.

<sup>16</sup> Dei forsikrar høglydt at dei kjenner Gud, men med gjerningane sine fornektar dei han. Dei er avskyelege og ulydige og ute av stand til å gjera noko godt.

## Titus 2

### Kristen livsferd

<sup>1</sup> Men du skal forkynna i samsvar med den sunne lære

<sup>2</sup> at eldre menn skal vera edruelege, fara verdig og forstandig fram og vera sunne i både trua, kjærleiken og tolmodet.

<sup>3</sup> Like eins at eldre kvinner skal leva som det sømer seg for heilage: at dei ikkje skal fara med sladder eller vera avhengige av mykje vin, men vera rettleiarar i det gode,

<sup>4</sup> så dei kan læra dei unge kvinnene å elska mann og born,

<sup>5</sup> leva sømeleg og reint, ta ansvar for heimen og underordna seg mennene sine, så Guds ord ikkje skal bli spotta.

<sup>6</sup> På same måten skal du formana dei unge mennene til å vera stødige

<sup>7</sup> i all si ferd. Ver sjølv eit førebilete i gode gjerningar! Lat undervisinga di vera uforfalska og boren fram med alvor,



<sup>8</sup>og lat forkynninga di vera sunn og ulasteleg, så kvar motstandar må skjemmast fordi han ikkje har noko vondt å seia om oss.

<sup>9</sup>Slavane skal du formana til å underordna seg herrane sine i alt og retta seg etter dei utan å seia imot.

<sup>10</sup>Dei må ikkje stikka noko til sides, men alltid vera ærlege og trufaste, så dei i eitt og alt kan vera til pryd for Guds, vår frelsars lære.

<sup>11</sup> For Guds nåde er openberra til frelse for alle menneske.

<sup>12</sup> Og hans nåde oppdreg oss til å seia nei til alt ugudeleg og til verdslege lyster og leva i sjølvttukt, rettfærd og gudsfrykt i den verda som no er,

<sup>13</sup>medan vi ventar på vårt sæle håp: at vår store Gud og frelsar Kristus Jesus skal koma i herlegdom.

<sup>14</sup> For Kristus gav seg sjølv for oss. Han ville løysa oss ut frå all urettferd og reinsa oss, så vi kan vera hans eige folk, som med iver gjer gode gjerningar.

<sup>15</sup> Dette skal du forkynna, og med kraft skal du formana og visa til rette. Lat ingen sjå ned på deg!

### Titus 3

#### Gjenfødning og fornying

<sup>1</sup> Minn dei om at dei skal underordna seg styresmaktene, retta seg etter dei og vera villige til å gjera alt som er godt.

<sup>2</sup> Dei må ikkje tala stygt om andre eller skapa strid, men vera milde og tolsame mot alle menneske.

<sup>3</sup> For vi var òg ein gong uvituge og ulydige, vi fór vill og var slavar under mange slag lyster og ønske. Vi levde i vondskap og misunning, vi vart hata, og vi hata kvarandre.

<sup>4</sup> Men det vart openberra kor god vår Gud og frelsar er, og kor han elsker menneska:

<sup>5</sup> Han frelste oss, ikkje fordi vi hadde gjort rettferdige gjerningar, men fordi han er miskunnsam. Han frelste oss ved badet som gjenföder og fornyar ved Den heilage ande,

<sup>6</sup> som han så rikeleg har aust ut over oss ved Jesus Kristus, vår frelsar,

<sup>7</sup> så vi skulle bli rettferdige ved hans nåde og bli arvingar til det evige livet, som er vår von.

<sup>8</sup> Dette er eit truverdige ord, og eg vil at du skal prenta inn det eg har sagt, så dei som er komne til tru på Gud, skal vera opptekne av å gjera gode gjerningar. Alt dette er godt og nyttig for menneska.

<sup>9</sup> Men tåpelege stridsspørsmål, ættetavler og strid og krangel om spørsmål i lova skal du snu ryggen til; slikt er unyttig og meningslaust.

<sup>10</sup> Ein vranglærer skal du tala til rette både ein gong og to gonger, og så visa han frå deg.

<sup>11</sup> For du veit at eit slikt menneske er på avvegjar. Han syndar og har dømt seg sjølv.

### Sluttord

<sup>12</sup> Når eg sender Artemas eller Tykikos til deg, må du skunda deg og koma til meg i Nikopolis. Der har eg tenkt å vera vinteren over.

<sup>13</sup> Sjå til at Zenas, den lovlærde, og Apollos blir utrusta til reisa, så dei ikkje manglar noko.

<sup>14</sup> Også våre folk må læra å gjera gode gjerningar og hjelpa når det trengst, så livet deira ikkje skal vera utan frukt.

<sup>15</sup> Alle som er hos meg, helsar deg. Hels alle som i trua elsker oss. Nåden vere med dykk alle!

## Filemon

### Filemon 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Paulus, Kristi Jesu fange, og Timoteus, bror vår, helsar Filemon, vår kjære ven og medarbeidar,

<sup>2</sup> og Appia, syster vår, og Arkippos, stridskameraten vår, og forsamlinga som kjem saman i huset ditt:

<sup>3</sup> Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

#### Filemons tru og kjærleik

<sup>4</sup> Eg takkar alltid min Gud når eg hugsar på deg i bønene mine.

<sup>5</sup> For eg høyrer om kjærleiken din til alle dei heilage og om trua di på Herren Jesus.

<sup>6</sup> Eg bed om at den trua som du har felles med oss, må vera verksam, så du kan skjønna alt det gode vi har i Kristus.

<sup>7</sup> Kjærleiken din har vore ei stor glede og ei trøyst for meg, kjære bror, og dei heilage har kjent seg styrkte takka vere deg.

#### Filemon og Onesimos

<sup>8</sup> I Kristus kunne eg nok med full rett påleggja deg å gjera di plikt.

<sup>9</sup> Men for kjærleiken skuld kjem eg heller med ei bøn. Her er eg, den aldrande Paulus, no òg som Kristi Jesu fange,

<sup>10</sup> og eg bed deg for barnet mitt som eg har fått her eg sit i lenkjer: Onesimos.

<sup>11</sup> Ein gong var han unyttig for deg, men no er han nyttig for både meg og deg.

<sup>12</sup> Når eg no sender han tilbake til deg, er det som om eg sender mitt eige hjarte.

<sup>13</sup> Eg hadde gjerne hatt han hos meg, så han i din stad kunne tena meg når eg no er i lenkjer for evangeliet.



<sup>14</sup> Men utan ditt samtykke ville eg ikkje gjera nokon ting, så du ikkje skal gjera det gode av tvang, men av fri vilje.

<sup>15</sup> Kan henda vart han teken frå deg for ei stund så du skal få han att for alltid,

<sup>16</sup> ikkje lenger som slave, men som noko mykje høgare enn ein slave, som ein kjær bror. Det er han sanneleg for meg. Kor mykje meir må han då ikkje vera det for deg, både som menneske og i Herren.

<sup>17</sup> Så sant du held meg for ein du har fellesskap med, så ta imot han som meg sjølv.

<sup>18</sup> Har han gjort deg urett, eller skuldar han deg noko, så før det på mi rekning!

<sup>19</sup> Dette skriv eg, Paulus, med eiga hand: Eg skal betala. Eg vil ikkje nemna det du skuldar meg: deg sjølv.

<sup>20</sup> Ja, bror, lat meg ha nytte av deg i Herren! Gjer mitt hjarte roleg i Kristus!

<sup>21</sup> I tiltru til din lydnad skriv eg dette til deg; eg er sikker på at du vil gjera endå meir enn det eg bed deg om.

<sup>22</sup> Og ein ting til: Gjer klart gjesterommet til meg! For eg håpar at eg skal bli gjeven til dykk som svar på bønene dykkar.

<sup>23</sup> Epafras, som er i fengsel saman med meg for Kristi Jesu skuld, helsar deg.

<sup>24</sup> Det gjer òg Markus, Aristarkos, Demas og Lukas, medarbeidarane mine.

<sup>25</sup> Vår Herre Jesu Kristi nåde vere med dykkar ånd!

## Hebrearane

### Hebrearane 1

#### Gud har tala gjennom Sonen

<sup>1</sup>Mange gonger og på mange måtar har Gud i tidlegare tider tala til fedrane gjennom profetane.

<sup>2</sup>Men no, i desse siste dagar, har han tala til oss gjennom Sonen. Han har Gud sett til arving over alle ting, for ved han skapte han verda.

<sup>3</sup>Han er utstrålinga av Guds herlegdom og biletet av hans vesen, og han ber alt med sitt mektige ord. Då han hadde fullført reinsinga for syndene våre, sette han seg ved høgre handa åt Majesteteten i det høge.

<sup>4</sup>Slik vart han mykje større enn englane, for det namnet han har fått i arv, er så mykje større enn deira.

#### Sonen står over englane

<sup>5</sup>For aldri har Gud sagt til nokon engel: Du er Son min, eg har fødd deg i dag. Eller, som det òg står: Eg vil vera far for han, og han skal vera son for meg.

<sup>6</sup>Og når han på nytt fører den førstefødde inn i verda, seier han: Alle Guds englar skal tilbe han.

<sup>7</sup>Og om englane seier han: Han gjer englane sine til vindar, tenarane sine til logande eld.

<sup>8</sup>Men om Sonen: Din kongsstol, Gud, står til evig tid, din herskarstav er rettferds stav.

<sup>9</sup>Du har elska rettferd og hata urett. Difor har Gud, din Gud, salva deg og ikkje dine vener med gledes olje.

<sup>10</sup>Og vidare: Du, Herre, grunnla i opphavet jorda, og himmelen er eit verk av dine hender.

<sup>11</sup>Dei skal gå til grunne, men du blir verande. Dei skal alle eldast som klede.

<sup>12</sup>Du rullar dei saman som ei kappe, dei blir utskifte som klede. Men du er den same, åra dine tek aldri slutt.

<sup>13</sup> Men har han nokon gong sagt til ein av englane: Set deg ved mi høgre hand til eg får lagt dine fiendar som skammel for dine føter?

<sup>14</sup> Er dei ikkje alle ånder som tener Gud og blir utsende for å hjelpa dei som skal få frelsa i arv?

## Hebrearane 2

### Englars ord og Kristi ord

<sup>1</sup> Difor må vi så mykje meir akta på det vi har høyrte, så vi ikkje driv bort frå det.

<sup>2</sup> For når det ordet som vart tala gjennom englar, var gyldig, så kvart lovbrøt og kvar ulydnad fekk si rettkomne straff,

<sup>3</sup> korleis skal då vi kunna gå fri om vi ikkje bryr oss om ei frelse som er så mykje større? Denne frelsa vart først forkynt av Herren og sidan stadfest for oss av dei som hadde høyrte han.

<sup>4</sup> Gud har sjølv gjeve sitt vitnemål, både med teikn og under og mange slag mektige gjerningar og med å dela ut Den heilage andens gåver etter sin vilje.

<sup>5</sup> For det er ikkje under englar Gud har lagt den komande verda som vi talar om.

<sup>6</sup> Dette er det ein som har vitna om ein stad: Kva er eit menneske – at du hugsar på det, ein menneskeson – at du tek deg av han?

<sup>7</sup> Ei lita stund sette du han lågare enn englane. Så krona du han med herlegdom og ære.

<sup>8</sup> Alt la du under hans føter. Då Gud la alt under han, vart ingenting unnateke; alt skulle leggjast under han. Enno ser vi ikkje at alt er lagt under han.

<sup>9</sup> Men Jesus, som for ei lita stund var sett lågare enn englane, han ser vi no krona med herlegdom og ære fordi han leid og døydde. Slik skulle han ved Guds nåde smaka døden for alle.

<sup>10</sup> Gud ville føra mange born til herlegdom. For han og ved han er alle ting. Då måtte han la opphavsmannen til frelsa nå fullendinga gjennom lidingar.

<sup>11</sup> Han som helgar, og dei som blir helga, kjem alle frå den eine. Difor skjemmest ikkje Sonen ved å kalla dei sysken.

<sup>12</sup> Han seier: Eg vil forkynna ditt namn for mine brør, midt i forsamlinga vil eg lovprisa deg.

<sup>13</sup> Og like eins: Eg vil setja mi lit til han. Og vidare: Sjå, eg og borna som Gud har gjeve meg.

<sup>14</sup> Sidan borna er av kjøt og blod, måtte han òg fullt ut bli som dei, for at han med sin død skulle gjera ende på han som har dødens makt, det er djevelen,

<sup>15</sup> og fria ut alle dei som av redsle for døden var under slavekår heile sitt liv.

<sup>16</sup> For det er ikkje englar han tek seg av. Nei, han tek seg av Abrahams ætt.

<sup>17</sup> Difor måtte han bli lik syskena sine i alle ting, så han kunne vera ein miskunnsam og trufast øvsteprest for Gud og sona syndene til folket.

<sup>18</sup> Fordi han sjølv har lide og vorte freista, kan han hjelpa dei som blir freista.

### Hebrearane 3

#### Guds folk i øydemarka – og i dag

(3, 1–4, 13)

#### Jesus er større enn Moses

<sup>1</sup> Difor, heilage sysken, de som har fått del i det himmelske kallet, sjå på Jesus, den utsendingen og øvstepresten som vi vedkjennest.

<sup>2</sup> Han var trufast mot den som innsette han, liksom Moses var trufast i heile Guds hus.

<sup>3</sup> Men Jesus vart verdig til å få større ære enn Moses, liksom ein byggmeister får større heider enn huset han byggjer.

<sup>4</sup> Eit hus må alltid vera bygd av nokon, men den som har bygd alt, det er Gud.

<sup>5</sup> Moses var trufast som tenar i heile Guds hus. Han skulle vitna om det som ein gong skulle forkynnast.

<sup>6</sup>Men som son er Kristus sett til å styra huset hans. Og vi er hans hus, så sant vi held fast på frimodet og den vona vi er stolte av.

### I dag, om de høyrer hans røyst

<sup>7</sup>Difor, som Den heilage ande seier: I dag, om de høyrer hans røyst,

<sup>8</sup>så gjer ikkje hjartet dykkar hardt som under opprøret, den dagen dei utfordra meg i ørkenen.

<sup>9</sup>Der utfordra dei meg, fedrane dykkar, og sette meg på prøve, endå dei hadde sett mine gjerningar

<sup>10</sup>i førti år. Difor fekk eg avsky for denne slekta og sa: Dei fer alltid vill i sitt hjarte, dei kjenner ikkje mine vegar.

<sup>11</sup>Så svor eg i min vreide: Aldri skal dei koma inn til mi kvile!

<sup>12</sup>Sjå til, sysken, at ikkje nokon av dykk blir vond og vantruande i hjartet og fell frå den levande Gud.

<sup>13</sup>Set heller mot i kvarandre kvar dag, så lenge det heiter «i dag», så ikkje nokon av dykk skal la seg forføra av synda og bli forherda.

<sup>14</sup>For vi har del i Kristus, så sant vi heilt til det siste held fast på det grunnlaget som vi hadde i den første tida.

<sup>15</sup>Når det heiter: I dag, om de høyrer hans røyst, så gjer ikkje hjartet dykkar hardt, som under opprøret,

<sup>16</sup>kven var det då som høyrde, men likevel gjorde opprør? Var det ikkje alle dei som Moses hadde ført ut frå Egypt?

<sup>17</sup>Kven var det han hadde uvilje mot i førti år? Var det ikkje dei som synda og vart liggjande som lik i øydemarka?

<sup>18</sup>Og kven var det eiden gjaldt då han svor at dei ikkje skulle koma inn til hans kvile? Var det ikkje dei ulydige?

<sup>19</sup>Så ser vi at det var vantru som førte til at dei ikkje kunne koma inn.

## Hebrearane 4



### Guds folk har ei kvile i vente

- <sup>1</sup>Lat oss difor vera på vakt så det ikkje skal visa seg at nokon av dykk blir liggjande etter, sidan lovnaden om å få koma inn til Guds kvile enno gjeld.
- <sup>2</sup>For den gode budskapet er forkynt både for oss og for dei. Men ordet dei hørde, vart til inga nytte, fordi dei ikkje vart eitt i trua saman med dei som hørde det.
- <sup>3</sup>Og det er vi som trur, som går inn til kvila. For han sa: Så svor eg i min vrede: Aldri skal dei koma inn til mi kvile! Guds gjerningar var rett nok fullførte då verda vart grunnlagd.
- <sup>4</sup>For ein stad står det om den sjuande dagen: Så kvilte Gud den sjuande dagen frå alle sine gjerningar.
- <sup>5</sup>Men her seier han: «Aldri skal dei koma inn til mi kvile!»
- <sup>6</sup>Så står det framleis igjen at nokre skal koma inn til kvila. Dei som først fekk den gode budskapet, kom ikkje inn, for dei var ulydige.
- <sup>7</sup>Difor fastset han på nytt ein dag: «i dag», når han lenge etter gjennom David talar det ordet som før er nemnt: I dag, om de hører hans røyst, så gjer ikkje hjartet dykkar hardt.
- <sup>8</sup>For om Josva hadde ført folket inn til kvila, då hadde ikkje Gud seinare tala om ein annan dag.
- <sup>9</sup>Så er det då framleis ei sabbatskvile i vente for Guds folk.
- <sup>10</sup>Den som er komen inn til hans kvile, får kvila frå sine gjerningar, liksom Gud kvilte frå sine.
- <sup>11</sup>Lat oss difor vera ivrige etter å koma inn til denne kvila, så ingen fell frå på grunn av same slag ulydnad.
- <sup>12</sup>For Guds ord er levande og verksamt. Det er skarpare enn noko tvieggja sverd og trengjer igjennom til det kløyver sjel og ånd, merg og bein, og dømmer dei tankar og planar som bur i hjartet.

**13** Ingen skapning er løynd for han. Alt ligg ope og naken for auga på han som vi skal gjera rekneskap for.

### **Jesus, den store øvstepresten**

(4, 14–10, 18)

**Prøvd i alt**

**14** Sidan vi no har ein stor øvsteprest som har gått inn gjennom himlane, Jesus, Guds Son, så lat oss halda fast på vedkjenninga!

**15** For vi har ikkje ein øvsteprest som ikkje kan lida med oss i vår vanmakt, men ein som er prøvd i alt på same måten som vi, men utan synd.

**16** Lat oss difor stiga fram for nådens kongsstol med frimod, så vi kan finna miskunn og finna nåde som gjev hjelp i rette tid.

### **Hebrearane 5**

**1** Ein øvsteprest blir alltid vald ut blant menneske og innsett til å gjera teneste for menneske framfor Gud. Han skal bera fram gåver og offer for synder.

**2** Han kan vera mild mot dei som uvitande fer vill, fordi han òg er veik

**3** og difor må bera fram syndoffer for seg sjølv og ikkje berre for folket.

**4** Ingen tek seg sjølv den æra, men han blir kalla av Gud, slik som Aron.

**5** Så har heller ikkje Kristus teke seg den æra å vera øvsteprest. Han fekk henne av Gud, som sa til han: Du er Son min, eg har fødd deg i dag.

**6** Og som han seier ein annan stad: Du skal til evig tid vera prest av same slag som Melkisedek.

**7** Då Jesus levde som menneske, bar han fram bønner og naudrop, med høge skrik og tårer, til han som kunne berga han frå døden, og han vart bønheyrdd fordi han var gudfryktig.

**8** Endå han var Son, lærte han lydnad ved å lida.

**9** Då han hadde nådd fullendinga, vart han ei kjelde til evig frelse for alle som lyder han,

**10** han som av Gud vart kalla øvsteprest av same slag som Melkisedek.

### Åtvaring mot fråfall

<sup>11</sup>Om dette har vi mykje å seia, men det er vanskeleg å forklara sidan de har vorte så likesæle med å høyra.

<sup>12</sup>Etter så lang tid burde de sjølve vore lærarar, men de treng nokon som på nytt lærer dykk det første og grunnleggjande i Guds ord. De har vorte slike som treng mjølk, ikkje fast føde.

<sup>13</sup>For den som lever av mjølk, er eit spedbarn og skjønar seg ikkje på bodskapen om rettferd.

<sup>14</sup>Men fast føde er for dei fullvaksne, dei som ved å bruka sansane har øvd dei opp til å skilja mellom godt og vondt.

### Hebrearane 6

<sup>1</sup>Difor må vi gå vidare frå det første vi lærte om Kristus, fram mot full mogning. Vi vil ikkje på nytt leggja grunnvollen med omvending frå døde gjerningar og tru på Gud,

<sup>2</sup>med undervising om reinsingsbad og handspålegging, om oppstoda frå dei døde og om evig dom.

<sup>3</sup>Slik skal vi gå vidare, om Gud vil.

<sup>4</sup>Når nokon ein gong har vorte opplyst og har smaka den himmelske gáva og fått del i Den heilage ande,

<sup>5</sup>har smaka Guds gode ord og kreftene frå den komande verda,

<sup>6</sup>og så fell frå, då er det umogleg at dei igjen kan fornyast til omvending. Dei krossfester Guds Son på nytt og gjer han til spott.

<sup>7</sup>Når ein åker drikk regnet som stadig fell på han, og ber grøde til nytte for dei som dyrkar han, får han velsigning frå Gud.

<sup>8</sup>Men ber åkeren torn og tistel, er han til inga nytte. Forbanninga er nær, og det endar med at han blir avsvidd.

### Guds lovnad står fast

<sup>9</sup>Men vi har den tru om dykk, de kjære, at det står betre til, og at de er på frelsevegen, endå vi talar som vi gjer.

<sup>10</sup> For Gud er ikkje urettferdig så han gløymer det de har gjort, og den kjærleiken til namnet hans som de har vist med å tena dei heilage, no som før.

<sup>11</sup> Vi ønskjer berre at kvar og ein av dykk heilt til det siste må visa den same iveren etter å vera fullt overtyste i vona.

<sup>12</sup>Då må de ikkje vera likesæle, men etterlikna dei som ved tru og tolmod arvar det som Gud har lova.

<sup>13</sup> Då Gud gav Abraham lovnaden, svor han ved seg sjølv, for han hadde ingen større å sverja ved.

<sup>14</sup> Han sa: «Sanneleg, eg vil velsigna deg rikt og gjera ætta di talrik utan ende.»

<sup>15</sup>Og Abraham venta med tolmod og fekk det Gud hadde lova han.

<sup>16</sup> Menneske sver ved ein som er større, og eiden er ei stadfesting som gjer ende på alle innvendingar.

<sup>17</sup>Gud ville gjera det heilt klårt for dei som skulle arva lovnaden, kor urokkeleg hans avgjerd var; difor gjekk han god for det med eid.

<sup>18</sup>Med lovnad og eid, to ting som ikkje kan endrast – og Gud kan ikkje lyga – skulle vi ha ei sterk trøyst, vi som har gripe den vona som ligg framfor oss og såleis søkt redning.

<sup>19</sup> Denne vona er eit trygt og fast anker for sjela. Det når innanfor forhenget,

<sup>20</sup> dit Jesus har gått i førevegen for oss, han som til evig tid har vorte øvsteprest av same slag som Melkisedek.

## Hebrearane 7

### Melkisedek – konge og prest

<sup>1</sup> Denne Melkisedek var konge i Salem og prest for Gud, Den høgste. Han kom og møtte Abraham og velsigna han då Abraham kom att etter sigeren over kongane,

<sup>2</sup> og Abraham gav han tiend av alt. Han er for det første Melkisedek, namnet tyder «rettferds konge», dernest er hankonge i Salem, det vil seia fredens konge.

<sup>3</sup> Han er utan far og utan mor og har inga ættetavle. Dagane hans har inga byrjing og livet hans ingen ende. Slik er han lik Guds Son; han er og blir prest for alltid.

<sup>4</sup> Legg merke til kor stor han er, denne mannen som Abraham, patriarken, gav tiend av det beste krigsbyttet.

<sup>5</sup> Dei av Levis søner som blir prestar, skal etter lova ta tiend av folket, det vil seia av sine egne sysken, sjølv om dei stammar frå Abraham.

<sup>6</sup> Men Melkisedek, som ikkje er av deira ætt, tok tiend av Abraham og velsigna han som hadde fått Guds lovnader.

<sup>7</sup> No kan ingen nekta for at det er den mindre som blir velsigna av den større.

<sup>8</sup> Elles er det dødelege menneske som tek tiend, men her er det ein som får det vitnemålet at han lever.

<sup>9</sup> Ja, i og med Abraham har Levi, han som elles tek tiend, på sett og vis sjølv gjeve tiend.

<sup>10</sup> For enno ufødd var han i sin stamfar då Melkisedek gjekk til møtes med han.

### **Prestedømet som ikkje byggjer på lova**

<sup>11</sup> Dersom ein kunne nå det fullkomne gjennom det levittiske prestedømet, som folket var bunde til ved lova, kvifor måtte det då koma ein prest av eit anna slag, ein som blir kalla prest av same slag som Melkisedek og ikkje som Aron?

<sup>12</sup> Men når prestedømet blir endra, er det nødvendig at lova òg blir endra.

<sup>13</sup>For han som det her er tale om, hørde til ein annan stamme, og ingen frå den stammen har gjort teneste ved altaret.

<sup>14</sup>Det er velkjent at vår Herre stammar frå Juda, og Moses har aldri sagt noko om prestar frå den stammen.

<sup>15</sup>Alt dette blir endå klårare når det stig fram ein annan prest, ein som er lik Melkisedek.

<sup>16</sup>Han har ikkje vorte prest gjennom ei lov som krev ei bestemt avstamming, men gjennom krafta i eit uforgjengeleg liv.

<sup>17</sup>Han får då dette vitnemålet: Du skal til evig tid vera prest av same slag som Melkisedek.

<sup>18</sup>Med dette har eit eldre bod slutta å gjelda fordi det var veikt og utan verdi.

<sup>19</sup>For lova førte ikkje noko fram til fullending. Men no kjem noko betre, ei von som gjer at vi kan koma Gud nær.

#### **Kristus er prest til evig tid**

<sup>20</sup>Dette har ikkje hendt utan at eid vart gjeven. Dei andre vart prestar utan eid,

<sup>21</sup>men denne vart innsett med eid av Gud, som seier: Herren har svore og angrar det ikkje: Du skal til evig tid vera prest.

<sup>22</sup>Difor er ho òg så mykje betre, den pakta Jesus går god for.

<sup>23</sup>Dessutan har det vore fleire slike prestar, for døden hindra dei i å halda fram.

<sup>24</sup>Men Jesus har eit prestedøme som ikkje tek ende, fordi han er og blir til evig tid.

<sup>25</sup>Difor kan han òg fullt og heilt frelsa dei som kjem til Gud ved han, sidan han alltid lever og går i forbøn for dei.

<sup>26</sup>Ja, ein slik øvsteprest var det vi trong: heilag, utan vondskap, rein, skild frå syndarar og opphøgd over himlane.

<sup>27</sup> Han treng ikkje, som andre øvsteprestar, bera fram offer kvar dag, først for sine eigne synder og så for syndene til folket. For offeret bar han fram éin gong for alle då han ofra seg sjølv.

<sup>28</sup> Dei som lova set inn som øvsteprestar, er veike menneske. Men gjennom ordet som vart stadfest med eid, og som kom seinare enn lova, blir Sonen innsett, han som for evig har nådd fram til fullendinga.

## Hebrearane 8

### Prestetenesta i den himmelske heilagdomen

<sup>1</sup> Hovudsaka i det vi her talar om, er dette: Ein slik øvsteprest er det vi har, og han har sett seg på høgre sida av Majestetens kongsstol i himmelen.

<sup>2</sup> Der gjer han teneste i heilagdomen, den sanne teltheilagdomen, som er reist av Herren sjølv og ikkje av menneske.

<sup>3</sup> Kvar øvsteprest blir innsett til å bera fram gåver og offer. Difor må Kristus òg ha noko å bera fram.

<sup>4</sup> Viss han hadde vore på jorda no, hadde han ikkje vore prest, for her er det andre som ber fram offergåvene etter lova.

<sup>5</sup> Men dei gjer teneste i ein heilagdom som berre er ei etterlikning og ein skugge av den himmelske. Det ser vi av ordet Moses fekk frå Gud då han skulle reisa teltheilagdomen: «Sjå til at du gjer alt etter det førebiletet som vart vist deg på fjellet.»

### Jesus er mellommann for ei ny pakt

<sup>6</sup> Men no har Kristus fått ei mykje høgare presteteneste, sidan han er mellommann for ei pakt som er så mykje betre og kviler på betre lovnader.

<sup>7</sup> Dersom det ikkje hadde vore noko å utsetja på den første pakta, hadde det ikkje vore bruk for ei anna.

<sup>8</sup> Men Gud har noko å utsetja på folket når han seier: Sjå, dagar skal koma, seier Herren, då eg gjer ei ny pakt med Israels hus og Judas hus,

<sup>9</sup> ikkje som den pakta eg gjorde med fedrane deira den dagen eg tok dei i handa og førte dei ut frå Egypt. For dei vart ikkje ståande i mi pakt, og eg brydde meg ikkje om dei, seier Herren.

<sup>10</sup> Men dette er pakta eg vil gjera med Israels hus i dagar som kjem, seier Herren: Eg vil leggja mine bod i sinnet deira og skriva dei i hjartet deira. Eg skal vera deira Gud, og dei skal vera mitt folk.

<sup>11</sup> Då skal ingen lenger undervisa sin landsmann og sin bror og seia: «Kjenn Herren!» For dei skal alle kjenna meg, både små og store.

<sup>12</sup> For i nåde vil eg tilgje all uretten deira og ikkje lenger hugsa syndene deira.

<sup>13</sup> Når Gud talar om ei ny pakt, har han dermed sagt at den første er forelda. Og det som blir gammalt og forelda, vil snart vera borte.

## Hebrearane 9

### Gudstenesta i den gamle pakta

<sup>1</sup> Den første pakta hadde òg sine forskrifter om gudsteneste, og ho hadde ein jordisk heilagdom.

<sup>2</sup> Det var reist eit telt. Det fremste rommet blir kalla Det heilage. Der stod lysestaken og bordet og skodebrøda.

<sup>3</sup> Bakom det inste forhenget var det eit anna rom som blir kalla Det høgheilage.

<sup>4</sup> Det hadde eit røykjelsesaltar av gull og paktkista som var kledd med gull over det heile. I kista var det ei gullkrukke med manna, Arons stav som fekk friske skot, og pakttavlene.

<sup>5</sup> Over kista var herlegdomskjerubane; dei la skuggen sin over soningsstaden. Dette kan vi ikkje gå nærare inn på no.

<sup>6</sup> På denne måten var alt ordna. Det fremste rommet går prestane stadig inn i når dei gjer si teneste.



<sup>7</sup> Men i det andre går øvstepresten inn åleine og berre ein gong om året, og aldri utan blod, som han ber fram for seg sjølv og for dei syndene folket har gjort utan å vita det.

<sup>8</sup> Dermed viser Den heilage ande at vegen inn i heilagdomen ikkje har vorte openberra så lenge det fremste rommet enno står.

<sup>9</sup> Dette er eit bilete på den tid som no er. Dei ber fram gåver og offer som ikkje kan gjera den som dyrkar Gud, fullkomen når det gjeld samvitet.

<sup>10</sup> Liksom forskriftene om mat og drikke og om alle slag reinsingar er dette berre ytre påbod: Dei skulle gjelda fram til tida då den rette ordninga vart innført.

### **Kristi teneste som øvsteprest**

<sup>11</sup> Men Kristus er komen som øvsteprest for alt det gode vi no har. Han har gått gjennom det teltet som er større og meir fullkome, og som ikkje er laga av menneskehand, det vil seia: som ikkje høyrer til denne skapte verda.

<sup>12</sup> Ikkje med blod av bukkar og kalvar, men med sitt eige blod gjekk han inn i heilagdomen éin gong for alle og kjøpte oss fri for evig.

<sup>13</sup> Blodet av bukkar og oksar og oska av ei kvige gjer heilag og rein i det ytre når det blir dynka på dei ureine.

<sup>14</sup> Kor mykje meir skal ikkje då Kristi blod reinsa samvitet vårt frå døde gjerningar, så vi kan tena den levande Gud. For Kristus har i kraft av ein evig Ande bore seg sjølv fram som eit feilfritt offer for Gud.

<sup>15</sup> Difor er Kristus mellommann for ei ny pakt. Han døydde for å kjøpa oss fri frå lovbrot i den første pakta, så dei som er kalla, skal få den evige arven som var lova dei.

<sup>16</sup> Når det ligg føre eit testamente, må det stadfestast at den som har oppretta det, er død.

<sup>17</sup> Testamentet tek til å gjelda først når opphavsmannen døyr; det gjeld ikkje så lenge han lever.

<sup>18</sup>Difor vart heller ikkje den første pakta oppretta utan blod.

<sup>19</sup> For då Moses hadde kunngjort kvart bod i lova for alt folket, tok han blodet av kalvane og bukkane, saman med vatn, skarlaksraud ull og isop, og dynka både på bokrullen og på alt folket

<sup>20</sup> og sa: «Dette er paktblodet; denne pakta har Gud fastsett for dykk.»

<sup>21</sup> Like eins dynka han blod på teltet og på alle dei kar som vart nytta i gudstenesta.

<sup>22</sup> Etter lova blir nesten alt reinsa med blod, og utan at blod blir utrent, finst det inga tilgjeving.

<sup>23</sup> Så må dei då reinsast på denne måten, dei jordiske etterlikningane av det som er i himmelen. Men den himmelske heilagdomen må reinsast med betre offer enn desse.

<sup>24</sup> For Kristus gjekk ikkje inn i ein heilagdom som er laga av menneskehand og berre er eit bilete av den sanne heilagdomen. Han gjekk inn i sjølve himmelen og stig no fram for Guds andlet for vår skuld.

<sup>25</sup> Han gjekk heller ikkje inn for å bera fram seg sjølv som offer fleire gonger, slik øvstepresten kvart år går inn i heilagdomen med blod som ikkje er hans eige.

<sup>26</sup> Då måtte han ha lide mange gonger heilt frå verda vart grunnlagd. Men no, ved endetida, har han stige fram éin gong for alle for å ta bort synda med sitt offer.

<sup>27</sup> Slik alle menneske må døy éin gong og sidan koma for dommen,

<sup>28</sup> slik er òg Kristus ofra éin gong for å bera syndene for dei mange, og så skal han andre gongen koma til syne, ikkje for synda si skuld, men for å frelsa dei som ventar på han.

## Hebrearane 10

### Kristi offer tek bort synda

<sup>1</sup>Lova inneheld berre ein skugge av alt det gode som skulle koma, ikkje det sanne biletet av tinga. Kvart år blir det bore fram offer som alltid er dei same, men med dei maktar ikkje lova å gjera dei som ofrar, fullkomne.

<sup>2</sup>Elles hadde dei vel halde opp med å ofra? For hadde dei som er med i gudstenesta, vorte reinsa éin gong for alle, hadde dei ikkje lenger vore medvitne om synd.

<sup>3</sup>Men offera er kvart år ei påminning om synd.

<sup>4</sup>For blod frå oksar og bukkar kan umogleg ta bort synder.

<sup>5</sup>Difor seier Kristus når han stig inn i verda: Slaktoffer og offergåve ville du ikkje ha, men ein kropp laga du til meg;

<sup>6</sup>brennoffer og syndoffer hadde du inga glede i.

<sup>7</sup>Då sa eg: Sjå, her kjem eg for å gjera din vilje, Gud. I bokrullen er det skrive om meg.

<sup>8</sup>Først seier han: Slaktoffer og offergåver, brennoffer og syndoffer ville du ikkje ha og hadde du ikkje glede i, endå det er slike offer som blir borne fram etter lova.

<sup>9</sup>Deretter seier han: Sjå, her kjem eg for å gjera din vilje. Han opphevar det første så han kan setja det andre i verk.

<sup>10</sup> På grunn av denne viljen er vi helga ved at Jesu Kristi kropp vart boren fram som offer éin gong for alle.

<sup>11</sup> Alle prestar står dagleg og gjer teneste og ber gong på gong fram dei same offer, som aldri kan ta bort synder.

<sup>12</sup> Men Jesus har for alltid bore fram eit einaste offer for synder og sett seg ved Guds høgre hand.

<sup>13</sup> No ventar han berre på at fiendane hans skal leggjast ned som skammel for føtene hans.

<sup>14</sup> For med ei einaste offergåve har han for alltid gjort dei som blir helga, fullkomne.

<sup>15</sup>Den heilage ande vitnar òg for oss om dette. For først seier han:

<sup>16</sup> Dette er pakta eg vil gjera med dei i dagar som kjem, seier Herren: Eg vil leggja mine bod i hjartet deira og skriva dei i sinnet deira.

<sup>17</sup>Og så: Eg vil ikkje lenger hugsa syndene deira og all uretten deira.

<sup>18</sup>Men der syndene er tilgjevne, trengst det ikkje lenger noko offer for synd.

### **Frimod og vedkjenning i forsamlinga**

<sup>19</sup> Så har vi då, sysken, frimod ved Jesu blod til å gå inn i heilagdomen,

<sup>20</sup> dit han har innvigd ein ny og levande veg for oss gjennom forhenget, som er kroppen hans.

<sup>21</sup> Og sidan vi har ein så stor prest over Guds hus,

<sup>22</sup> så lat oss stiga fram med ærleg hjarte og full visse i trua, med hjartet reinsa for vondt samvit og kroppen bada i reint vatn.

<sup>23</sup> Lat oss halda urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden, er trufast.

<sup>24</sup>Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar.

<sup>25</sup> Lat oss ikkje halda oss borte når forsamlinga vår kjem saman, som nokre har for vane, men lat oss setja mot i kvarandre, og det så mykje meir som de ser at dagen nærmar seg.

<sup>26</sup> Held vi fram med å synda med vitende og vilje etter at vi har lært sanninga å kjenna, då finst det ikkje lenger noko offer for synder.

<sup>27</sup>Frykteleg er det vi då har i vente: Dommen og Guds brennande iver skal fortæra dei som står han imot.

<sup>28</sup> Den som vrakar Moselova, får ikkje miskunn, men må døy etter to eller tre manns vitnemål.

<sup>29</sup> Kor mykje strengare straff synest de ikkje den fortener som har trødd Guds Son under fot, vanhelga paktblodet som han sjølv vart helga med, og spotta nådens Ande?

<sup>30</sup> For vi kjenner han som har sagt: «Straffa høyrer meg til, eg skal gjengjelda.» Og vidare: «Herren skal dømme folket sitt.»

<sup>31</sup> Det er frykteleg å falla i hendene på den levande Gud!

<sup>32</sup> Men tenk no tilbake på den første tida, den gongen de vart opplyste og sidan heldt ut i dei lidingane de måtte strida med.

<sup>33</sup> Snart vart de hånte og plaga for auga på folk, snart gjorde de sams sak med andre som måtte gå gjennom det same.

<sup>34</sup> De leid med dei som sat i fengsel, og fann dykk med glede i at det de eigde, vart røva frå dykk. For de visste at de eig noko som er betre, og som varer.

<sup>35</sup> Kast ikkje bort frimodet dykkar! For det gjev stor løn.

<sup>36</sup> De treng tolmod, så de kan gjera Guds vilje og vinna det som er lova.

<sup>37</sup> For enno er det berre ei lita stund, så kjem han som skal koma, og han skal ikkje dryga.

<sup>38</sup> Min rettferdige skal leva ved tru; men dreg han seg unna, har mi sjel inga glede i han.

<sup>39</sup> Men vi er ikkje av dei som dreg seg unna og går fortapt, men av dei som trur og bergar si sjel.

## Hebrearane 11

### Vitnemål om tru

<sup>1</sup> Trua er eit pant på det vi vonar, eit prov på det vi ikkje ser.

<sup>2</sup> For trua si fekk dei gamle godt vitnemål.

<sup>3</sup> I tru skjønar vi at verda er skapt ved Guds ord, og at det vi ser, ikkje har vorte til av det synlege.

<sup>4</sup> I tru bar Abel fram for Gud eit betre offer enn Kain. Fordi han trudde, fekk han vitnemål om at han var rettferdig, for Gud vitna om offergåvene hans. Og med si tru talar han enno, sjølv om han er død.

<sup>5</sup>I tru vart Henok borttrykt utan å døy. Ingen såg han meir, for Gud hadde teke han til seg. Før han vart borttrykt, fekk han vitnemål om at han var til glede for Gud.

<sup>6</sup>Utan tru er det umogleg å vera til glede for Gud. For den som stig fram for Gud, må tru at han er til, og at han løner dei som søkjer han.

<sup>7</sup>I tru fekk Noah varsel om det han endå ikkje såg. I gudsfrykt bygde han ei ark og berga huslyden sin. Trua hans vart ein dom over verda, og sjølv vart han arving til den rettferda som trua gjev.

<sup>8</sup>I tru var Abraham lydig då han vart kalla, og drog ut til eit land som han skulle få i arv. Han tok ut endå han ikkje visste kvar han kom.

<sup>9</sup>I tru levde han som framand i det landet Gud hadde lova han. Han budde i telt saman med Isak og Jakob, som var medarvingar til den same lovnaden.

<sup>10</sup>For han venta på byen med dei faste grunnvollane, den som har Gud til byggmeister og skapar.

<sup>11</sup>I tru fekk òg Sara kraft til å grunnleggja ei ætt, endå ho var ufruktbar og for gammal til å få barn. For ho stola på at han som hadde gjeve lovnaden, var trufast.

<sup>12</sup>Frå éin mann, som var utan livskraft, kom det difor ei ætt så talrik som stjernene på himmelen og så tallaus som sanden på havsens strand.

<sup>13</sup>I denne trua døydde alle desse utan å ha fått det som var lova. Dei berre såg det langt borte og helsa det, og dei vedkjende seg at dei var framande og heimlause på jorda.

<sup>14</sup>Dei som talar slik, viser at dei lengtar etter eit fedreland.

<sup>15</sup>Om dei hadde tenkt på det landet dei drog ut frå, hadde dei hatt tid til å venda attende.

<sup>16</sup>Men no er det eit betre land dei lengtar etter: det himmelske. Difor skjemmest ikkje Gud av dei, men vil kallast deira Gud, for han har gjort i stand ein by til dei.

- 17 I tru bar Abraham fram Isak som offer då han vart sett på prøve. Sin einaste son var han villig til å ofra, endå han hadde fått lovnadene
- 18 og dette hadde vorte sagt til han: «Gjennom Isak skal du få ei ætt som skal kallast di.»
- 19 Han rekna med at Gud hadde makt også til å vekka opp døde. Difor fekk han sonen att – i dette ligg det eit førebilete.
- 20 I tru var det Isak velsigna Jakob og Esau med tanke på det som skulle koma.
- 21 I tru velsigna Jakob, då han skulle døy, begge sønene til Josef. Og bøygd over toppen på staven sin lovprisa han og tilbad.
- 22 I tru tala Josef då han låg på det siste, om Israelsfolket og deira utgang frå Egypt, og han gav påbod om kva dei skulle gjera med knoklane hans.
- 23 I tru gøymde foreldra til Moses den nyfødde guten i tre månader. For dei såg at det var eit vakkert barn, og lét seg ikkje skremma av kongens bod.
- 24 I tru nekta Moses, då han vart stor, å kallast dotterson til farao.
- 25 Han ville heller lida vondt saman med Guds folk enn å nytta synda ei kort tid.
- 26 Å lida vanære for Kristi skuld heldt han for ein større rikdom enn skattane i Egypt, for han såg fram til løna.
- 27 I tru drog han bort frå Egypt utan å ottast kongens vreide. Han heldt ut, for det var som om han såg den usynlege.
- 28 I tru heldt han påske og strauk blodet på dørkarmane, så øydeleggjaren ikkje skulle røra dei førstefødde hos israelittane.
- 29 I tru gjekk dei gjennom Raudehavet som over tørt land, men då egyptarane freista det same, drukna dei.
- 30 Ved tru fall Jerikos murar då folket hadde gått rundt dei i sju dagar.



**31** I tru vart Rahab, ho som var prostituert, berga så ho ikkje mista livet saman med dei ulydige, for med fred hadde ho teke imot dei som kom for å speida ut landet.

**32** Og kva meir skal eg nemna? Tida strekk ikkje til om eg skal fortelja om Gideon, Barak, Samson og Jefta, om David, Samuel og profetane.

**33** Ved tru vann dei over kongerike, heldt oppe retten, fekk lovnader oppfylte, lukka gapet på løver,

**34** sløkte veldig eld, slapp unna bitande sverd, gjekk frå vanmakt til styrke, vart sterke i krig og slo fiendehærar på flukt.

**35** Kvinner fekk tilbake sine døde; dei hadde stått opp. Nokre vart torturerte og sa nei til å bli kjøpte fri, for dei ville heller nå fram til ei betre oppstode.

**36** Andre laut tola spott og piskeslag, ja, til og med lenkjer og fengsel.

**37** Nokre vart steina, saga i to eller drepne med sverd. Andre måtte gå omkring i saueskinn og geiteskinn, i naud, forfølgde og mishandla.

**38** Verda var dei ikkje verdig, og dei måtte flakka omkring i øydemarker og fjell og halda til i grotter og hòler.

**39** Alle desse fekk godt vitnemål for si tru, men dei opplevde ikkje å få det som var lova.

**40** Gud såg føre seg noko som er betre for oss: at dei ikkje skulle nå fram til fullendinga utan oss.

## Hebrearane 12

### Trua sin opphavsmann og fullendar

**1** Difor, når vi har så stor ei sky av vitne kring oss, så lat oss leggja av alt som tyngjer, og synda som heng så fast ved oss, og halda ut i det løpet som ligg framfor oss,

**2** med blikket fest på Jesus, trua sin opphavsmann og fullendar. For å få den gleda som venta, heldt han ut på krossen utan å bry seg om skamma, og han har sett seg på høgre sida av Guds kongsstol.



<sup>3</sup> Ja, tenk på han som heldt ut ein slik motstand frå syndarar, så de ikkje trøytnar og blir motlause.

### **Gud oppdreg oss**

<sup>4</sup> I striden mot synda har de enno ikkje gjort slik motstand at det har kosta blod.

<sup>5</sup> Har de gløymt den formaninga som talar til dykk som til born: Son min, forakt det ikkje når Herren viser deg til rette, mist ikkje motet når han refsar.

<sup>6</sup> For den Herren elsker, viser han til rette, og han straffar kvar son han tek seg av.

<sup>7</sup> Hald ut og lat dykk oppdra, for Gud tek seg av dykk som søner. Ja, lat meg få sjå ein son som faren ikkje viser til rette!

<sup>8</sup> Blir de ikkje viste til rette som alle andre, då er de ikkje søner, men uekte born.

<sup>9</sup> Vi har hatt våre jordiske fedrar som oppdrog oss, og vi hadde respekt for dei. Skal vi ikkje mykje heller bøya oss under Far til åndene, så vi kan leva?

<sup>10</sup> For fedrane viste oss til rette berre ei kort tid og slik dei sjølve syntest var best, men han gjer det til vårt beste, så vi skal bli heilage som han.

<sup>11</sup> All irettesetjing synest nok å vera meir til sorg enn til glede medan ho står på. Men sidan gjev ho att fred og rettferd som frukt hos dei som slik har vorte oppøvde.

<sup>12</sup> Difor, styrk dei hangande hender og dei skjelvande kne!

<sup>13</sup> Lat føtene gå på beine vegar, så det halte ikkje blir vridd ut av ledd, men heller blir lækt.

<sup>14</sup> Jag etter fred med alle, og etter helging, for utan helging skal ingen sjå Herren.

<sup>15</sup> Sjå til at ikkje nokon går bort frå Guds nåde! Lat inga beisk rot få veksa opp og gjera skade så mange blir forgifta.

<sup>16</sup> Sjå til at ingen driv hor eller lever gudlaust som Esau, han som selde førstefødselsretten sin for eit einaste måltid mat.

<sup>17</sup> De veit at han sidan vart bortvist då han ønskte å få velsigninga. Det var ikkje mogleg å venda om, endå han bad med tårer.

### Sinai og Sion

<sup>18</sup> De er ikkje komne til eit fjell de kan ta og kjenna på, ikkje til logande eld, til skyer, mørker og storm,

<sup>19</sup> ikkje til gjallande horn og ei røyst som tala slik at dei som hørde på, bad om å bli sparte for å høyra meir.

<sup>20</sup> For dei kunne ikkje tola det påbodet som vart gjeve: Om så eit dyr rører ved fjellet, skal det steinast.

<sup>21</sup> Ja, så skremmande var synet at Moses sa: «Eg er så redd at eg skjelv.»

<sup>22</sup> Nei, de er komne til Sion-fjellet, til den levande Guds by, det himmelske Jerusalem, til dei mange tusen englar, til ei høgtidsfeiring,

<sup>23</sup> til forsamlinga av dei førstefødde som er oppskrivne i himmelen. De er komne til ein dommar som er Gud for alle, til åndene åt dei rettferdige som har nådd fullendinga,

<sup>24</sup> til Jesus, mellommannen for ei ny pakt, og til reinsingsblodet som talar sterkare enn Abels blod.

<sup>25</sup> Sjå til at de ikkje viser frå dykk han som talar! Dei som viste frå seg han som tala guddomsord her på jorda, kom ikkje unna. Endå mindre skal vi koma unna om vi vender oss bort frå han som talar frå himmelen.

<sup>26</sup> Den gongen fekk røysta hans jorda til å skjelva. Men no har han lova: Endå ein gong vil eg rista ikkje berre jorda, men himmelen med.

<sup>27</sup> Her står det: «endå ein gong». Dette viser at det som kan rokkast fordi det er skapt, skal skiftast ut, så det som ikkje kan rokkast, skal bli ståande.

<sup>28</sup> Sidan vi får eit urokkeleg rike, så lat oss vera takksame og slik tena Gud med gudsfrykt og ærefrykt, til glede for Gud.

<sup>29</sup> For vår Gud er ein fortærande eld.

## Hebrearane 13

### Gløym ikkje å gjera det gode

<sup>1</sup> Hald syskenkjærleiken levande!

<sup>2</sup> Gløym ikkje å vera gjestfrie, for på den måten har somme hatt englar til gjester utan å vita det.

<sup>3</sup> Kom i hug dei som sit i fengsel, som om de sat i lenkjer saman med dei. Og tenk på dei som blir mishandla, som om det gjaldt dykkar eigen kropp.

<sup>4</sup> Lat ekteskapet haldast i ære av alle, og lat ikkje ektesenga skitnast til. For Gud vil dømma dei som driv hor eller bryt ekteskapet.

<sup>5</sup> Lat ikkje kjærleik til pengar styra livet, men ver fornøgde med det de har. For Gud har sagt: Eg sviktar deg ikkje og går ikkje frå deg.

<sup>6</sup> Difor kan vi vera ved godt mot og seia: Herren er min hjelpar, eg er ikkje redd. Kva kan menneske gjera meg?

### Leiarane i forsamlinga og den rette læra

<sup>7</sup> Kom i hug leiarane dykkar, dei som tala Guds ord til dykk. Tenk på livet deira og utgangen det fekk, og ta deira tru til føredøme!

<sup>8</sup> Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til evig tid.

<sup>9</sup> Lat dykk ikkje riva med av allslags framande lærdomar. Det er godt at hjartet blir styrkt ved nåden, ikkje ved bestemte slag mat, for dei som følgjer slike reglar, har aldri hatt nytte av det.

<sup>10</sup> Vi har eit altar, og dei som gjer teneste i teltheilagdomen, har ikkje rett til å eta frå det.

<sup>11</sup> Øvstepresten ber blodet frå offerdyra inn i heilagdomen til soning for synd, men kroppane blir oppbrende utanfor leiren.

<sup>12</sup> Difor leid Jesus òg utanfor porten, så han kunne helga folket med sitt eige blod.

- <sup>13</sup>Lat oss då gå ut til han utanfor leiren og bera hans vanære.
- <sup>14</sup> For her på jorda har vi ingen by som varer; vi lengtar etter den som skal koma.
- <sup>15</sup> Lat oss då ved han alltid bera fram for Gud vår lovprising som offer, det vil seia frukta av lepper som vedkjenner hans namn.
- <sup>16</sup> Men gløym ikkje å gjera godt og dela med andre. For slike offer er til glede for Gud.
- <sup>17</sup> Ver lydige mot leiarane dykkar og rett dykk etter dei! For dei vaker over sjelene dykkar og skal ein gong gjera rekneskap. Sjå til at dei kan gjera det med glede, utan å sukka. Elles blir det ikkje til gagn for dykk.

#### Ønske og helsingar

- <sup>18</sup> Be for oss! Vi veit at vi har eit godt samvit, for vi vil gjerne fara rett fram på alle måtar.
- <sup>19</sup> Eg bed dykk om forbøn, aller mest for at de så mykje snarare kan få meg tilbake.
- <sup>20</sup> Fredens Gud, han som i kraft av blodet frå ei evig pakt førte den store hyrdingen for sauene, vår Herre Jesus Kristus, opp frå dei døde,
- <sup>21</sup> må han utrusta dykk med alt godt, så de kan gjera hans vilje. Ja, måtte han ved Jesus Kristus skapa i oss det som er godt i hans auge. Han vere ære i all æve! Amen.
- <sup>22</sup>Eg bed dykk, sysken, ta vel imot desse orda til formaning og trøyst, sjølv om eg måtte skriva så stutt til dykk.
- <sup>23</sup> De skal vita at Timoteus, bror vår, er frigjeven. Kjem han snart, skal eg sjå dykk saman med han.
- <sup>24</sup>Hels alle leiarane dykkar og alle dei heilage! Dei frå Italia sender si helsing.
- <sup>25</sup>Nåden vere med dykk alle!

## Jakob

### Jakob 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Jakob, Guds og Herren Jesu Kristi tenar, sender si helsing til dei tolv stammane som er spreidde omkring i framande land.

#### Prøving og freisting

<sup>2</sup> Hald det berre for ei glede, sysken, når de møter alle slags prøvingar;

<sup>3</sup> for de veit at når trua blir prøvd, lærer de tolmod.

<sup>4</sup> Men tolmodet må visa seg i fullkomen gjerning, så de kan vera fullkomne og heile, utan nokon mangel.

<sup>5</sup> Men om nokon av dykk manglar visdom, skal han be til Gud, som villig og utan å klandra gjev til alle, og han skal få.

<sup>6</sup> Men han må be i tru, utan å tvila. For den som tvilar, liknar ei bølge på havet som blir driven omkring og kasta hit og dit av vinden.

<sup>7</sup> Ikkje må eit slikt menneske venta å få noko av Herren,

<sup>8</sup> tvihuga som det er og ustøtt i all si ferd.

<sup>9</sup> Ein bror som står lågt i rang, skal vera stolt av kor høgt han blir sett,

<sup>10</sup> og ein rikmann skal vera stolt av kor lågt han blir sett, for som blomen i graset skal han forgå.

<sup>11</sup> Sola stig og brenn, graset visnar, blomen fell av, og all hans prakt er borte. På same måten skal den rike visna midt i alt sitt strev.

<sup>12</sup> Sælt er det mennesket som held ut i freistingar. Når det har stått si prøve, skal det få livsens sigerskrans, som Gud har lova dei som elsker han.

<sup>13</sup> Ingen som blir freista, må seia: «Det er Gud som freistar meg.» For Gud blir ikkje freista av det vonde, og sjølv freistar han ingen.

<sup>14</sup> Alle blir freista av si eiga vonde lyst, som lokkar og dreg.

<sup>15</sup> Sidan, når lysta er svanger, føder ho synd, og når synda er mogen, føder ho død.

<sup>16</sup>Far ikkje vill, mine kjære sysken!

<sup>17</sup> All god gåve og all fullkomen gåve kjem ovanfrå, frå han som er Far til lysa på himmelen. Hos han er det ikkje forandring eller skiftande skuggar.

<sup>18</sup> Av sin eigen vilje har han fødd oss ved det sanne ordet, så vi skal vera ei førstegrøde av hans skapningar.

### Høyra og gjera

<sup>19</sup> Dette må de vita, mine kjære sysken: Kvar og ein skal vera snar til å høyra, men sein til å tala og sein til å bli sint.

<sup>20</sup>For sinne hos eit menneske fører ikkje til det som er rett for Gud.

<sup>21</sup> Legg difor av alt som er ureint, og all slags vondskap, og ta audmjukt imot det ordet som er planta i dykk, det som har kraft til å frelsa sjelene dykkar.

<sup>22</sup> De må gjera det Ordet seier, ikkje berre høyra det. Elles lurar de dykk sjølve.

<sup>23</sup>For den som høyrer Ordet og ikkje gjer det Ordet seier, er lik ein mann som ser på sitt eige andlet i ein spegel:

<sup>24</sup>Han ser på det, går sin veg og gløymer straks korleis han såg ut.

<sup>25</sup> Men den som ser inn i fridomens fullkomne lov og held fram med det, gløymer ikkje det han høyrer, men gjer etter det. Eit slikt menneske skal vera lukkeleg i si gjerning.

<sup>26</sup> Den som meiner at han dyrkar Gud, men ikkje kan tøyma tunga si, narrar seg sjølv, og gudsydinga hans er utan verdi.

<sup>27</sup> Ei rein og feilfri gudsyding for Gud, vår Far, er dette: å sjå til enkjer og foreldreause born i deira naud, og ikkje la seg flekka til av verda.

## Jakob 2

### Rike og fattige

- <sup>1</sup> Mine sysken, de kan ikkje tru på vår Herre Jesus Kristus, herlegdomens Herre, og samtidig gjera forskjell på folk.
- <sup>2</sup> Set at det kjem to menn inn i forsamlinga dykkar – den eine i staselege klede og med gullring på fingeren, den andre fattig og i skitne klede.
- <sup>3</sup> Då legg de merke til han i dei staselege kleda og seier: «Kom hit og finn deg ein god plass!» Men til den fattige seier de: «Du kan stå der!» eller: «Set deg her ved føtene mine!»
- <sup>4</sup> Har de ikkje då skapt eit skilje mellom dykk? Har de ikkje vorte dommarar med vonde tankar?
- <sup>5</sup> Høyr no, mine kjære sysken: Har ikkje Gud valt ut dei fattige i verda til å vera rike i trua og til å arva det riket han har lova dei som elsker han?
- <sup>6</sup> Men de har forakta den fattige! Er det ikkje dei rike som undertrykkjer dykk og dreg dykk fram for domstolen?
- <sup>7</sup> Er det ikkje dei som spottar det gode namnet som er nemnt over dykk?
- <sup>8</sup> Dersom de oppfyller den kongelege lov i Skrifta: Du skal elska nesten din som deg sjølv, då gjer de rett.
- <sup>9</sup> Men gjer de forskjell på folk, då syndar de, og lova klagar dykk som lovbrytarar.
- <sup>10</sup> For den som held heile lova, men snublar i eit einaste bod, han har gjort seg skuldig i brot på dei alle.
- <sup>11</sup> For han som sa: Du skal ikkje bryta ekteskapet, han sa òg: Du skal ikkje slå i hel. Om du då ikkje bryt ekteskapet, men slår i hel, så har du vorte ein lovbrytar.
- <sup>12</sup> Etter fridomens lov skal de dømmast, etter den skal de tala og handla.
- <sup>13</sup> For dommen skal vera utan miskunn mot den som ikkje har vist miskunn. Men miskunn sigrar over dommen.

### Tru og gjerningar



- 14** Kva hjelper det, sysken, om nokon seier at han har tru, når han ikkje har gjerningar? Kan vel trua frelsa han?
- 15** Set at ein bror eller ei syster ikkje har klede og manglar mat for dagen,
- 16** kva hjelper det då om ein av dykk seier til dei: «Gå med fred, varm dykk og et dykk mette!» utan å gje dei det kroppen treng?
- 17** På same måten er det med trua: i seg sjølv, utan gjerningar, er ho død.
- 18** Kanskje vil nokon seia: «Du har tru, eg har gjerningar.» Vis meg di tru utan gjerningar, så skal eg ut frå gjerningane visa deg mi tru.
- 19** Du trur at Gud er éin? Det gjer du rett i. Dei vonde åndene trur det same – og skjelv!
- 20** Vil du ikkje skjøna, du tankelause menneske, at tru utan gjerningar er til inga nytte?
- 21** Var det ikkje på grunn av gjerningar at Abraham, far vår, vart rekna som rettferdig då han bar fram Isak, son sin, som offer på altaret?
- 22** Slik kan du sjå at trua verka saman med gjerningane hans, og gjennom gjerningane vart trua fullenda.
- 23** På den måten vart dette skriftordet oppfylt: Abraham trudde Gud, og difor rekna Gud han som rettferdig, og han vart kalla «Guds ven».
- 24** Der ser de at eit menneske blir rekna som rettferdig på grunn av gjerningar og ikkje berre ved tru.
- 25** På same måten var det med Rahab, ho som var prostituert: Vart ikkje ho rekna som rettferdig på grunn av gjerningar, fordi ho tok imot utsendingane og sleppte dei ut ein annan veg?
- 26** For liksom kroppen er død utan ånd, er trua død utan gjerningar.

## Jakob 3

### Tunga er ein eld





<sup>1</sup> Mine brør, ikkje mange av dykk bør bli lærarar, for de veit at vi lærarar skal få ein strengare dom.

<sup>2</sup> Alle snublar vi ofte. Den som ikkje snublar og feilar i det han seier, er fullkomen, i stand til å halda heile kroppen i taumar.

<sup>3</sup> Vi legg beksel i munnen på hesten så han skal lystra oss, og då kan vi styra heile hesten.

<sup>4</sup> Ja, til og med store skip som blir drivne av sterke vindar, kan styrast med eit lite ror dit styrmannen vil.

<sup>5</sup> På same måten er det med tunga: Ho er ein liten kroppsdel, men ho kan skryta av si store makt. Ja, ein liten eld kan setja den største skog i brann!

<sup>6</sup> Men tunga er òg ein eld, ho er ei verd av vondskap mellom lemene våre. Ho smittar heile kroppen og set livshjulet i brann, og blir sjølv sett i brann av helvete.

<sup>7</sup> Alt i naturen, både ville dyr og fuglar, krypdyr og fiskar, kan temjast og har vorte tamde av mennesket, som sjølv er ein del av naturen.

<sup>8</sup> Men tunga kan ikkje noko menneske temja, rastlaus og vond som ho er, full av drepende gift.

<sup>9</sup> Med henne lovprisar vi Herren vår Far, og med henne forbannar vi menneska som er skapte i Guds bilete.

<sup>10</sup> Frå same munnen kjem det både lovprising og forbanning. Slik må det ikkje vera, mine sysken!

<sup>11</sup> Kan det vel strøyma både friskt og bittert vatn frå same kjelda?

<sup>12</sup> Sysken, kan eit fikentre bera oliven eller ein vinstokk bera fiken? Like lite kan ei salt kjelde gje ferskt vatn.

### **Sann og falsk visdom**

<sup>13</sup> Er nokon av dykk vis og vitug, då skal han syna det i gjerning, i eit rett liv som har vorte audmjukt gjennom visdom.



<sup>14</sup> Men ber de bitter misunning og sjølvhevding i hjartet, då må de ikkje skryta og lyga mot sanninga.

<sup>15</sup> Den slags visdom kjem ikkje ovanfrå, men er jordisk og sjeleleg, ja, demonisk.

<sup>16</sup> For der misunning og sjølvhevding rår, der er det ugreie og alt det som vondt er.

<sup>17</sup> Men visdomen ovanfrå er først og fremst rein. Dessutan elsker han fred og er forsonleg og føyeleg, rik på miskunn og gode frukter, upartisk og utan hykleri.

<sup>18</sup> Rettferda er ei frukt som blir sådd i fred og veks fram for dei som skaper fred.

## **Jakob 4**

### **Bøy dykk for Gud**

<sup>1</sup> Kvar kjem han frå, all denne striden og ufreden blant dykk? Er det ikkje frå lystene som fører krig i lemene dykkar?

<sup>2</sup> De vil ha, men får ikkje; de drep og misunner, men oppnår ingen ting. De lever i strid og ufred. De har ikkje, fordi de ikkje bed.

<sup>3</sup> De bed, men får ikkje, fordi de bed gale. De vil sløsa det bort i nyting.

<sup>4</sup> De trulause! Veit de ikkje at venskap med verda er fiendskap mot Gud? Den som vil ha verda til ven, blir Guds fiende.

<sup>5</sup> Eller meiner de at det er tomme ord når Skrifta seier: Med brennande iver gjer Gud krav på den ånda han har late bu i oss?

<sup>6</sup> Men nåden han gjev, er endå større. Difor heiter det: Gud står dei stolte imot, men dei audmjuke gjev han nåde.

<sup>7</sup> Så bøy dykk for Gud! Men stå djevelen imot, så skal han rømme frå dykk.

<sup>8</sup> Hald dykk nær til Gud, så skal han halda seg nær til dykk. Vask hendene, de syndarar, og reins hjarta, de tvihuga!

<sup>9</sup> Klag dykkar naud, sørg og gråt! Vend latteren til sørgjesong og gleda til alvor!

<sup>10</sup> Gjer dykk audmjuke for Herren, så skal han opphøgja dykk.

<sup>11</sup> De må ikkje baktala kvarandre, sysken! Den som baktalar ein bror eller dømmer ein bror, han baktalar lova og dømmer lova. Men dersom du dømmer lova, då gjer du ikkje det lova seier, men gjer deg til dommar over lova.

<sup>12</sup> Det er éin som er lovgjevar og dommar, han som har makt både til å frelsa og til å øydeleggja. Men kven er du som dømmer nesten din?

### Åtvaring til dei sjølvtrygge og rike

<sup>13</sup> Og no, de som seier: «I dag eller i morgon fer vi til den eller den byen og er der eit år, driv handel og tener pengar» –

<sup>14</sup> og så veit de ikkje eingong korleis livet dykkar blir i morgon! For de er røyk – synleg ei lita stund, og så borte.

<sup>15</sup> De skulle heller seia: «Om Herren vil, får vi leva og kan gjera det eine eller det andre.»

<sup>16</sup> Men no er de hovmodige og rosar dykk sjølve. All slik ros er av det vonde.

<sup>17</sup> Den som veit kva godt han burde gjera, men ikkje gjer det, han gjer seg skuldig i synd.

## Jakob 5

<sup>1</sup> Og no, de rike! Gråt og jamra over all den ulukke som ventar dykk!

<sup>2</sup> Rikdomen dykkar har rotna, og kleda er mølletne;

<sup>3</sup> gullet og sølvet er rusta bort, og rusta skal vitna mot dykk og eta kroppen dykkar som eld. De har samla dykk skattar i endetida!

<sup>4</sup> Men høyr: Ho ropar høgt, den løna de heldt att frå arbeidarane som skar åkrane dykkar, og klageropet frå dei som haustar inn, har nådd fram til Herren Sebaots øyre.

<sup>5</sup> I luksus og overflod har de levd på jorda og gjort hjarta dykkar feitetil slaktedagen.

<sup>6</sup> Den rettferdige har de dømt og drepe, og ingen gjer motstand mot dykk.

### **Å venta på Herren**

<sup>7</sup> Ver då tolmodige, sysken, til Herren kjem! Ein bonde må venta på den dyrebare grøda frå jorda og vera tolmodig til både haustregnet og vårregnet har falle.

<sup>8</sup> Slik må de òg vera tolmodige og gjera hjarta sterke, for Herren kjem snart.

<sup>9</sup> Klag ikkje på kvarandre, sysken, så de ikkje skal bli dømde. Sjå, dommaren står framfor døra.

<sup>10</sup> Ta profetane til føredøme, sysken, dei som tala i Herrens namn. Dei heldt tolmodig ut når dei måtte lida vondt.

<sup>11</sup> Ja, alle som held ut, prisar vi sæle! De har høyrte korleis Job heldt ut, og har sett kva ende Herren lét han få. For Herren er rik på medkjensle og miskunn.

<sup>12</sup> Framfor alt må de ikkje sverja, mine sysken, verken ved himmelen eller jorda eller ved noko anna. Lat eit ja vera ja og eit nei vera nei, så de ikkje skal koma under dommen!

### **Forbøn og omsorg**

<sup>13</sup> Er det nokon av dykk som har det vondt? Då skal han be. Er nokon ved godt mot? Då skal han syngja lovsongar.

<sup>14</sup> Er nokon av dykk sjuk, skal han kalla til seg dei eldste i forsamlinga, og dei skal be over han og salva han med olje i Herrens namn.

<sup>15</sup> Og bøna som er boren fram i tru, skal berga den sjuke, og Herren skal reisa han opp. Og har han gjort synder, skal han få dei tilgjevne.

<sup>16</sup> Vedkjenn då syndene for kvarandre og be for kvarandre, så de kan bli lækte. Bøna frå eit rettferdig menneske verkar med stor kraft.

<sup>17</sup>Elia var eit menneske under same kår som vi. Han bad inderleg at det ikkje skulle regna, og i tre år og seks månader fall det ikkje regn på jorda.

<sup>18</sup> Så bad han på nytt, og himmelen gav regn, og jorda bar atter si grøde.

<sup>19</sup> Mine sysken! Om ein av dykk forvillar seg bort frå sanninga og ein annan får han til å venda om,

<sup>20</sup> då skal de vita: Den som får ein syndar til å venda om frå sine forvilla vegar, bergar sjela hans frå døden og løyner ei mengd med synder.

## 1. Peter

### 1. Peter 1

#### Helsing

<sup>1</sup>Peter, Jesu Kristi apostel, helsar dei utvalde som lever som framande, spreidde omkring i Pontos, Galatia, Kappadokia, Asia og Bitynia.

<sup>2</sup>De er utvalde slik Gud, vår Far, på førehand hadde fastsett, og ved Anden vigde til å vera lydige og til å bli reinsa ved Jesu Kristi blod. Nåde og fred vere med dykk i rikt mål!

#### Ei levande von

<sup>3</sup>Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!

<sup>4</sup>Han har fødd oss til ein arv som aldri forgår, aldri blir skitna til og aldri visnar. Denne arven er gøymd i himmelen for dykk,

<sup>5</sup>de som i Guds kraft blir haldne oppe ved tru så de når fram til frelsa. Ho ligg alt ferdig til å bli openberra i den siste tid.

<sup>6</sup>Difor kan de jubla av glede, sjølv om de no ei lita stund, om så må vera, har det tungt i mange slags prøvingar.

<sup>7</sup>Slik blir trua dykkar prøvd. For når til og med forgjengeleg gull må prøvast i eld, då må òg trua prøvast, den som er så mykje meir verd, så ho kan bli til pris og herlegdom og ære for dykk når Jesus Kristus openberrar seg.

<sup>8</sup>Han elsker de, endå de ikkje har sett han; han trur de på, endå de no ikkje ser han. Og de jublar og er fylte av ei glede så herleg at ho ikkje kan tolkast med ord,

<sup>9</sup>for de skal nå målet for trua: frelse for sjelene dykkar.

<sup>10</sup> Denne frelsa var det profetane søkte etter og ville utforska då dei profeterte om den nåden de skulle få.

**11** Dei freista å finna ut kva tid Kristi Ande, som var i dei, viste fram til, og korleis den tida skulle vera. For Anden vitna om Kristi lidingar og den herlegdomen som sidan skulle koma.

**12** Det vart openberra for dei at det ikkje var seg sjølve, men dykk dei tente med bodskapen sin. Og denne bodskapen har de no fått høyra av dei som forkynte evangeliet for dykk ved Den heilage ande, som er send frå himmelen. Dette er noko som til og med englar lengtar etter å sjå inn i.

### **Kalla til eit heilagt liv**

**13** Spenn då beltet om livet, ver vakne og budde i tanke og sinn! Set håpet fullt og fast til nåden de skal få når Jesus Kristus openberrar seg.

**14** Som lydige born skal de ikkje lenger følgja dei lystene de levde etter den tid de var uvitande.

**15** Han som kalla dykk, er heilag. Slik skal de òg vera heilage i all dykkar ferd.

**16** For det står skrive: De skal vera heilage, for eg er heilag.

**17** De påkallar Gud som far, han som ikkje gjer forskjell på folk, men dømmer kvar og ein etter det han har gjort. Då må de òg leva i guds frykt den tid de er her som framande.

**18** De veit at det ikkje var med forgjengelege ting som sølv eller gull de vart frikjøpte frå det tomme livet de overtok frå fedrane,

**19** det var med Kristi dyre blod, blodet av eit lam utan feil og lyte.

**20** Han var utpeika til dette før verda vart grunnlagd, og for dykkar skuld har han vorte openberra no i dei siste tider.

**21** Ved han er de komne til tru på Gud, som vekte Kristus opp frå dei døde og gav han herlegdom. Difor er trua dykkar òg von til Gud.

**22** I lydnad mot sanninga har de reinsa sjela så de kan leva i ekte syskenkjærleik. Difor må de elska kvarandre inderleg av eit reint hjarte.

<sup>23</sup> For de er fødde på nytt, ikkje av forgjengeleg sæd, men av uforgjengeleg, ved Guds levande ord som alltid varer ved.

<sup>24</sup> For alle menneske er som gras og all deira prakt som blomen i graset. Graset visnar, og blomen fell av,

<sup>25</sup> men Herrens ord varer til evig tid. Dette ordet er evangeliet som er forkynt for dykk.

## 1. Peter 2

### Den levande steinen og det heilage folket

<sup>1</sup> Legg difor av all vondskap, svik og hykleri, misunning og baktale,

<sup>2</sup> og lengta som nyfødde born etter den reine mjølka som ordet er, så de kan veksa ved den til frelse.

<sup>3</sup> For de har smaka at Herren er god.

<sup>4</sup> Kom til han, den levande steinen, som vart vraka av menneske, men som er utvald og kosteleg for Gud.

<sup>5</sup> Ver de òg levande steinar. Bli oppbygde til eit åndeleg hus, til eit heilagt presteskap, og ber fram åndelege offer, som Gud tek imot med glede, ved Jesus Kristus.

<sup>6</sup> For det heiter i Skrifta: Sjå, på Sion legg eg ein hjørnestein, utvald og kosteleg; den som trur på han, skal ikkje bli til skamme.

<sup>7</sup> Så blir han til ære for dykk som trur. Men for dei som ikkje trur, har steinen som bygningsmennene vraka, vorte hjørnestein,

<sup>8</sup> ein snublestein og eit berg til fall. Fordi dei ikkje er lydige mot Ordet, snublar dei. Slik var det òg fastsett at det skulle gå dei.

<sup>9</sup> Men de er ei utvald ætt, eit kongeleg presteskap, eit heilagt folk, eit folk som Gud har vunne så de skal forkynna hans storverk, han som kalla dykk frå mørkret og inn i sitt underfulle lys.



**10** De som før ikkje var eit folk, er no Guds folk. De som før ikkje fann miskunn, har no funne miskunn.

### Å leva i verda

**11** Eg legg dykk på hjartet, mine kjære, de som er framande og utlendingar i verda, at de skal sky lystene i dykkar kjøt og blod som fører krig mot sjela.

**12** Lev rett mellom heidningane, så dei som baktalar dykk og kallar dykk vonde menneske, kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Gud den dagen han kjem.

**13** For Herrens skuld skal de underordna dykk all styresmakt blant menneske, anten det er keisaren, den øvste,

**14** eller landshovdingane, som han har sendt for å straffa dei som gjer vondt, og rosa dei som gjer godt.

**15** For det er Guds vilje at de skal gjera det gode og slik stogga munnen på uforstandige og uvitande menneske.

**16** De er frie. Bruk berre ikkje fridomen som påskot til å gjera vondt, men til å tena Gud.

**17** De skal visa alle ære, elska syskenfellesskapet, ottast Gud og æra keisaren.

**18** De tenestefolk skal vera underordna herrane dykkar og ha ærefrykt for dei, ikkje berre dei gode og milde, men dei urimelege òg.

**19** For det er godt om nokon finn seg i ufortent liding fordi samvitet er bunde til Gud.

**20** Om de toler straff når de har gjort noko gale, er det noko å skryta av? Men om de toler lidingar når de gjer det rette, då er det godt i Guds auge.

**21** Det var dette de vart kalla til. For Kristus leid for dykk og gav dykk eit førebilete, så de skulle følgja i hans fotspor.

**22** Han gjorde inga synd, og det fanst ikkje svik i hans munn.

**23** Han svara ikkje med hån når han vart hånt, han truga ikkje når han leid, men overlét si sak til han som dømmar rettferdig.

<sup>24</sup> På sin eigen kropp bar han syndene våre opp på treet, så vi skulle døy bort frå syndene og leva for rettferda, og ved hans sår vart de lækte.

<sup>25</sup> De var som sauer som hadde gått seg vill, men no har de vendt om til han som er hyrding og tilsynsmann for sjelene dykkar.

## 1. Peter 3

### Ord til ektefolk

<sup>1</sup> På same måten skal de kvinner vera mennene dykkar underordna. Slik kan dei mennene som ikkje vil tru på Ordet, bli vunne – ikkje med ord, men med det livet kona lever,

<sup>2</sup> når dei ser dykkar reine ferd i gudsfrykt.

<sup>3</sup> Lat ikkje ytre stas, som hårflettingar, gullkjeder eller fine klede, vera dykkar pryd,

<sup>4</sup> men hjartet, det løynde mennesket med si milde og rolege ånd, som er uforgjengeleg og dyrebar for Gud.

<sup>5</sup> For slik prydde dei heilage kvinnene seg før i tida, dei som sette si lit til Gud. Dei var underordna mennene sine,

<sup>6</sup> liksom Sara var lydige mot Abraham og kalla han herre. Og de har vorte hennar døtrer når de gjer det gode og ikkje lèt noko skremma dykk.

<sup>7</sup> Like eins de menn: Vis omtanke i samlivet med kvinna, som er den veikaste av dykk. Vis henne ære, for saman skal de arva nåden og livet. Gjer dette, så bønene dykkar ikkje blir hindra.

### Å lida for rettferd skuld

<sup>8</sup> Og til slutt eit ord til dykk alle: Ver samstemde, vis medkjensle og sysken kjærleik, ver miskunnsame og audmjuke.

<sup>9</sup> Løn ikkje vondt med vondt eller hån med hån. Nei, velsign heller, for de er kalla til å arva velsigning.

<sup>10</sup> Den som vil elska livet og sjå gode dagar, må halda tunga frå det som er vondt, og leppene borte frå svikeyfull tale.

**11**Han må venda seg bort frå det vonde og gjera det gode, søkja fred og jaga etter fred.

**12**For Herrens auge følgjer dei rettferdige, og hans øyre høyrer deira bøn. Men Herrens andlet er vendt mot dei som gjer det vonde.

**13**Og kven kan gjera dykk vondt når de brenn for det gode?

**14** Men om de lid for rettferd skuld, då er de sæle. Ver ikkje redde for dei og lat dykk ikkje skremma,

**15**men hald Kristus heilag som Herre i hjartet! Ver alltid førebudde, så de kan svara for dykk når nokon krev dykk til rekneskap for det håpet de eig.

**16** Men gjer det audmjukt og med gudsfrykt, så de kan ha eit godt samvit. Då skal dei som talar vondt om dykkar gode livsferd i Kristus, bli til skamme med skuldingane sine.

**17**For det er betre å lida, om Gud så vil, når ein gjer godt, enn når ein gjer vondt.

### Dåpen og det nye livet

**18** For Kristus sjølv leid for synder, éin gong for alle, den rettferdige for urettferdige, for å føra dykk fram til Gud. Med kroppen døydde han, men ved Anden vart han gjord levande,

**19** og slik gjekk han bort og forkynte for åndene som var i fangenskap.

**20** Dei hadde vore ulydige i Noahs dagar, den gongen Gud venta tolmodig medan arka vart bygd. I henne vart nokre få menneske, åtte i talet, frelste gjennom vatn.

**21** Dette er eit bilete på dåpen, som no frelser dykk òg. Dåpen er ikkje å vaska kroppen rein for skit, men ei bøn til Gud om eit godt samvit, i kraft av Jesu Kristi oppstode –

**22** han som fór opp til himmelen og no sit ved Guds høgre hand, og englar og makter og krefter er lagde under han.

## 1. Peter 4

<sup>1</sup>Når Kristus no har lide i kroppen, skal de væpna dykk med denne tanken: Den som har lide i kroppen, har gjort seg ferdig med synda.

<sup>2</sup>Difor skal du ikkje lenger leva etter menneskelege lyster, men etter Guds vilje den stunda du har att å leva i kroppen.

<sup>3</sup>Det er nok at de tidlegare har levd slik heidningane vil, i skamløyse og lyst, i festing, drikk og svir og i avskyeleg avgudsdyrking.

<sup>4</sup>No undrar dei seg over at de ikkje lenger kastar dykk ut i denne straumen av utskeiingar saman med dei, og dei spottar dykk.

<sup>5</sup>Men dei skal gjera rekneskap for han som står ferdig til å dømme levande og døde.

<sup>6</sup>Difor vart evangeliet forkynt for dei døde òg, for at dei som i kroppen vart dømde slik menneske blir dømde, ved Anden skulle leva, slik Gud lever.

<sup>7</sup>Enden på alle ting er nær. Ver difor sindige og edrue, så de kan be.

<sup>8</sup>Og ha framfor alt inderleg kjærleik til kvarandre, for kjærleiken løyner ei mengd med synder.

<sup>9</sup>Ver gjestfrie mot kvarandre utan å klaga.

<sup>10</sup>Ten kvarandre, kvar og ein med den nådegåva han har fått, som gode forvaltarar av Guds mangfaldige nåde.

<sup>11</sup>Den som talar, må tala som Guds ord. Og den som tener, må tena med den styrke Gud gjev. Slik skal Gud i eitt og alt få ære, ved Jesus Kristus. Han tilhøyrrer herlegdomen og makta i all æve! Amen.

#### **Når ein kristen lid**

<sup>12</sup>Mine kjære! Undra dykk ikkje over den eldprøva de må igjennom, som om det hende dykk noko uventa.

<sup>13</sup>Men i same mon som de får del i Kristi lidingar, skal de gleda dykk, så de òg kan jubla av glede når han openberrar seg i sin herlegdom.

<sup>14</sup>Sæle er de når dei spottar dykk for Kristi namn skuld, for Guds Ande, herlegdomens Ande, kviler over dykk.

<sup>15</sup>Sjå berre til at ingen av dykk må lida straff som mordar, tjuv eller ugjerningsmann, eller for å ha blanda seg opp i sakene til andre.

<sup>16</sup>Men lid nokon fordi han er ein kristen, skal han ikkje skjemmast, men prisa Gud for dette namnet.

<sup>17</sup> For no er tida komen då dommen skal ta til, og han skal ta til med Guds hus. Men kjem dommen over oss først, kva ende skal så dei få som er ulydige mot Guds evangelium?

<sup>18</sup> Og er det vanskeleg for den rettferdige å bli frelst, korleis skal det då gå den ugudelege og syndaren?

<sup>19</sup> Difor skal dei som lid etter Guds vilje, overgje si sjel til den trufaste Skaparen og gjera det gode.

## 1. Peter 5

### Forsamlinga og hyrdingane

<sup>1</sup> Dei eldste mellom dykk legg eg dette på hjartet, eg som sjølv er ein eldste og eit vitne om Kristi lidingar og har del i den herlegdomen som skal openberrast:

<sup>2</sup> Ver hyrdingar for den Guds flokk som er hos dykk! Ha tilsyn med flokken, ikkje av tvang, men av fri vilje, så som Gud vil, ikkje for vinning skuld, men av hjartet.

<sup>3</sup> Gjer dykk ikkje til herrar over dei som Gud har gjeve dykk ansvar for, men ver eit føredøme for flokken.

<sup>4</sup> Og når den høgste hyrdingen openberrar seg, skal de få den uvisnelege sigerskransen.

<sup>5</sup> De unge skal underordna dykk dei eldste. Og for kvarandre skal de alle vera kledde i eit audmjukt sinnelag. For Gud står dei stolte imot, men dei audmjuke gjev han nåde.

<sup>6</sup> Audmjuk dykk då under Guds mektige hand, så han kan opphøgja dykk når tida kjem.

- <sup>7</sup> Kast all dykkar uro på han, for han har omsorg for dykk.
- <sup>8</sup> Ver edrue og vak! Motstandaren dykkar, djevelen, går omkring som ei brølande løve og leitar etter nokon å sluka.
- <sup>9</sup> Stå han imot, faste i trua! For de veit at syskena dykkar rundt om i verda må gå gjennom dei same lidingane.
- <sup>10</sup> Enno må de lida ei lita stund, men all nådes Gud, som ved Kristus har kalla dykk til sin evige herlegdom, han skal utrusta dykk, gje dykk kraft og styrke og grunnfesta dykk.
- <sup>11</sup> Han høyrer makta til i all æve. Amen.

### Sluttord

- <sup>12</sup> Med hjelp frå Silvanus, som eg held for ein påliteleg bror, sender eg dette vesle brevet eg har skrive for å setja mot i dykk og vitna om Guds sanne nåde. I den må de bli ståande.
- <sup>13</sup> Syster dykkar i Babylon sender si helsing, ho som er utvald saman med dykk. Det same gjer Markus, son min.
- <sup>14</sup> Hels kvarandre med kjærleikens kyss! Fred vere med dykk, alle som er i Kristus!

## 2. Peter

### 2. Peter 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Simeon Peter, Jesu Kristi tenar og apostel, helsar dei som har fått den same dyrebare tru som vi gjennom rettferda frå vår Gud og frelsar Jesus Kristus.

<sup>2</sup> Nåde og fred vere med dykk i rikt mål ved at de kjenner Gud og Jesus, vår Herre!

#### Trua skal utfalda seg i livet

<sup>3</sup> Ja, alt vi treng for å leva i guds frykt, har hans guddomlege makt gjeve oss i gåve ved at vi kjenner han som kalla oss ved sin eigen herlegdom og styrke.

<sup>4</sup> Dermed har han gjeve oss dei største og mest dyrebare lovnader. Ved dei skulle de få del i guddomleg natur når de har kome dykk fri frå forfallet, som kjem frå lystene i verda.

<sup>5</sup> Set difor all dykkar iver inn på å la trua gå i følge med eit rett liv, og det rette livet med innsikt,

<sup>6</sup> innsikta med måtehald, måtehaldet med tolmod, tolmodet med guds frykt,

<sup>7</sup> guds frykta med syskenkjærleik og syskenkjærleiken med kjærleik til alle.

<sup>8</sup> For når alt dette finst hos dykk og får veksa, då blir de ikkje uverksame eller utan frukt, de som kjenner vår Herre Jesus Kristus.

<sup>9</sup> Men har du ikkje dette, er du nærsynt, ja, blind; du har gløymt at du er reinsa for dine gamle synder.

<sup>10</sup> Difor, sysken, må de setja endå meir inn på å halda fast ved dykkar kall og utveljing. For gjer de dette, skal de aldri falla.

<sup>11</sup> Då skal inngangen til vår Herre og frelsar Jesu Kristi evige rike stå vidopen for dykk.

#### Kristi herlegdom og profetordet

<sup>12</sup> Difor vil eg alltid minna dykk om dette, endå de kjenner til det og er grunnfeste i den sanninga som har kome til dykk.

**13** Eg meiner at det er rett å halda dykk vakne med slike påminningar, så lenge eg bur i dette teltet.

**14** For eg veit at teltet mitt snart skal takast ned, det har vår Herre Jesus Kristus late meg vita.

**15** Og eg vil gjera alt eg kan for at de alltid skal minnast dette, også etter at eg er gått bort.

**16** For vi følgde ikkje klokt uttenkte mytar då vi kunngjorde for dykk vår Herre Jesu Kristi makt og hans kome. Nei, vi var augnevitne og såg hans guddomlege velde.

**17** For han fekk ære og herlegdom frå Gud, sin Far, den gongen røysta kom til han frå høgste herlegdomen: «Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede.»

**18** Vi høyrde sjølve denne røysta koma frå himmelen då vi var saman med han på det heilage fjellet.

**19** Difor står profetordet så mykje fastare for oss. Og dette ordet gjer de vel i å halda fast på. Det er ei lampe som skin på ein mørk stad til dagen gryr og morgonstjerna stig opp i hjarta dykkar.

**20** Men framfor alt skal de vita at ingen kan tyda eit profetord i Skrifta på eiga hand.

**21** For aldri vart noko profetord bore fram ved menneskevilje, men drivne av Den heilage ande tala menneske ord frå Gud.

## **2. Peter 2**

### **Falske lærarar**

**1** Men det fanst òg falske profetar i folket, og på same måten skal det stå fram falske lærarar mellom dykk. Dei skal lura inn vranglære som fører til undergang, og til og med forneakta Herren som har kjøpt dei fri. Dermed fører dei ein brå undergang over seg sjølve.



- <sup>2</sup> Mange kjem til å følgja dei i deira skamlause liv, og for deira skuld blir sanningsvegen spotta.
- <sup>3</sup> Dei er grådige og fer med oppdikta ord for å få pengar ut av dykk. Men dei har alt lenge hatt dommen hangande over seg, og undergangen ligg og lurar på dei.
- <sup>4</sup> For Gud sparte ikkje englar som hadde synda, men støytt dei ned i avgrunnen, der dei blir haldne i varetekt med lenkjer i mørkret heilt til dommen.
- <sup>5</sup> Heller ikkje sparte han den gamle verda. Det var berre Noah, som forkynte rettferd, og sju andre han berga då han lét storflaumen koma over ei verd av ugudelege.
- <sup>6</sup> Byane Sodoma og Gomorra la han i oske og dømde dei til undergang; han gjorde dei til ei åtvaring for dei som seinare ville leva eit ugudeleg liv.
- <sup>7</sup> Men han berga den rettferdige Lot, som leid når han såg kor skamlaust dei lovause levde.
- <sup>8</sup> Ja, denne rettferdige mannen, som budde midt imellom dei, pintest dag ut og dag inn i si rettferdige sjel når han såg og hørde alle deira lovause gjerningar.
- <sup>9</sup> Så veit då Herren å berga dei gudfryktige ut or prøvingar, men dei urettferdige held han i varetekt til straffa på dommens dag,
- <sup>10</sup> først og fremst dei som følgjer dei ureine lystene i sitt kjøt og blod og foraktar Herrens herredøme. Dei er frekke og eigenrådige og spottar dei himmelske maktene utan å skjelva.
- <sup>11</sup> Ikkje eingong englar, som står høgare i makt og styrke, kjem med spottande ord når dei ber fram klagemål frå Herren mot slike makter.
- <sup>12</sup> Men desse menneska spottar det dei ikkje kjenner. Dei er som vitlause dyr, av naturen bestemte til å bli fanga og gå til grunne. Så skal dei òg gå til grunne i sitt forfall

**13** og lida vondt som løn for sin urett. Det dei likar best, er å svira midt på lyse dagen. Dei er skamflekker til vanære for dykk når dei et saman med dykk og finn si glede i å fylla seg.

**14**Auga deira fråtsar i kvinner som byd seg fram, og dei er umettande på synd. Dei forfører veike sjeler, og hjartet deira har god øving i å skaffa seg vinning. Under forbanning er dei!

**15** For dei har forlate den beine vegen og gått seg vill. Dei følgjer i same spor som Bileam, son til Bosor, han som elska urettmessig vinning.

**16** Men han vart tala til rette for si misgjerning; eit stumt esel tala med menneskerøyst og hindra profeten i hans vitlause framferd.

**17** Slike menneske er kjelder utan vatn, dei er skodde som driv med vinden. Nattemørkret ventar dei.

**18**For dei talar store ord om det som ingen ting er, og med utskeiingar og lyster som kjem frå vårt kjøt og blod, lokkar dei menneske som nett har kome seg unna dei som fer vill.

**19**Dei lovar fridom, men sjølve er dei slavar av forfallet. Det ein ligg under for, er ein òg slave av.

**20** For når nokon har kome fri frå det ureine i verda og har lært å kjenna vår Herre og frelsar Jesus Kristus, og dei så på nytt lèt seg fanga av det ureine og ligg under for det, då står det verre til enn før.

**21** Det hadde vore betre for dei om dei aldri hadde lært å kjenna rettferds veg, enn at dei først kjende han og så vende seg bort frå det heilage bodet dei hadde fått overlate.

**22** Då har det gått med dei som det heiter så sant i ordtaket: «Hunden snur seg til sitt eige spy» og: «Ikkje før er grisen vaska, så velter han seg i søla».

## 2. Peter 3

### Herren kjem

- <sup>1</sup> Dette er alt det andre brevet eg skriv til dykk, mine kjære. Med desse breva ville eg vekcja dykkar reine sinn ved å minna dykk om
- <sup>2</sup> det dei heilage profetane har sagt, og om det bodet dykkar eigne apostlar har frå Herren og Frelsaren.
- <sup>3</sup> Først og fremst skal de vita at i dei siste dagar skal det koma folk som følgjer sine eigne lyster, som spottar
- <sup>4</sup> og seier: «Kva med lovnaden om at han skal koma att? Fedrane våre er døde, men alt er som det har vore frå verda vart skapt.»
- <sup>5</sup> Dei som seier så, gløymer at det frå eldgammal tid var himlar og ei jord som i kraft av Guds ord vart til av vatn og ved vatn.
- <sup>6</sup> Og ved det gjekk verda den gongen under då ho vart overfløymd med vatn.
- <sup>7</sup> Men dei himlar og den jord som no er, er i kraft av det same ordet sparte til elden. Dei blir haldne oppe til dommens dag, då dei gudlause skal gå under.
- <sup>8</sup> Men ein ting må de ikkje gløyma, mine kjære: For Herren er éin dag som tusen år, og tusen år som éin dag.
- <sup>9</sup> Det er ikkje rett, det somme meiner, at Herren er sein med å oppfylla lovnaden. Nei, han er tolmodig med dykk og vil ikkje at nokon skal gå tapt, men at alle skal nå fram til omvending.
- <sup>10</sup> Men Herrens dag skal koma som ein tjuv. Då skal himmelen forgå med eit drønn, elementa skal koma i brann og løysa seg opp, og jorda og alle gjerningane som er gjorde på jorda, skal koma fram i lyset.
- <sup>11</sup> Når alt skal gå i oppløysing på dette viset, kor heilagt og gudfryktig må de ikkje då leva
- <sup>12</sup> medan de ventar på at Guds dag skal koma, og skundar han fram. Då skal himlane løysa seg opp i eld og elementa brenna og smelta.
- <sup>13</sup> Men etter hans lovnad ventar vi på ein ny himmel og ei ny jord, der rettferd bur.

- 14** Difor, mine kjære: Medan de ventar på dette, må de leggja vinn på å bli ståande for han med fred, utan flekk og lyte.
- 15** Og Herrens tolmod skal de sjå som eit høve til frelse. Det same har vår kjære bror Paulus skrive til dykk, ut frå den visdomen han har fått.
- 16** Om dette talar han i alle dei brev der han kjem inn på desse spørsmåla. Det er noko der som er vanskeleg å skjøna, og dei ukunnige og veike forvregjer det, slik dei òg gjer med dei andre skriftene, og det fører til deira eigen undergang.
- 17** Sjølv om de alt veit dette, mine kjære, så ta dykk i vare. Lat dykk ikkje riva med og føra vill av dei lovause, så de mistar fotfestet.
- 18** De skal veksa i nåden og i kjennskapen til vår Herre og frelsar Jesus Kristus. Han vere ære, no og til den evige dagen! Amen.

## 1. Johannes

### 1. Johannes 1

#### Livsens ord

<sup>1</sup> Det som var frå opphavet, det vi har høyrte, det vi har sett med våre egne auge, det vi såg og det hendene våre rørte ved, sjølve livsens ord, det forkynner vi.

<sup>2</sup> Og livet vart openberra, vi har sett det og vitnar om det og forkynner for dykk det evige livet. Det var hos Far og vart openberra for oss.

<sup>3</sup> Det vi har sett og høyrte, forkynner vi òg for dykk, så de skal ha fellesskap med oss, vi som har fellesskap med Far og med hans Son, Jesus Kristus.

<sup>4</sup> Og dette skriv vi så gleda vår skal vera fullkomen.

#### Lev i lyset

<sup>5</sup> Dette er den budskapet vi har høyrte av han og forkynner for dykk: Gud er lys; i han finst det ikkje mørker.

<sup>6</sup> Seier vi at vi har fellesskap med han, men vandrar i mørkret, då lyg vi og følgjer ikkje sanninga.

<sup>7</sup> Men dersom vi vandrar i lyset, liksom han er i lyset, då har vi fellesskap med kvarandre, og blodet frå Jesus, hans Son, reinsar oss for all synd.

<sup>8</sup> Seier vi at vi ikkje har synd, då fører vi oss sjølve vill, og sanninga er ikkje i oss.

<sup>9</sup> Men dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd.

<sup>10</sup> Seier vi at vi ikkje har synda, då gjer vi han til løgnar, og hans ord er ikkje i oss.

### 1. Johannes 2

<sup>1</sup> Mine born, dette skriv eg til dykk så de ikkje skal synda. Men om nokon syndar, har vi ein talsmann hos Far. Det er Jesus Kristus, Den rettferdige.

<sup>2</sup> Og han er ei soning for syndene våre, ja, ikkje berre for våre, men for alle i heile verda.

### **Det nye bodet**

<sup>3</sup> Og på dette veit vi at vi kjenner han: at vi held boda hans.

<sup>4</sup> Den som seier: «Eg kjenner han», men ikkje held boda hans, er ein løgnar, og sanninga er ikkje i han.

<sup>5</sup> Men Guds kjærleik har i sanning vorte fullenda i den som held ordet hans. Av dette veit vi at vi er i han.

<sup>6</sup> Den som seier: «Eg er i han», må leva som Jesus levde.

<sup>7</sup> Mine kjære, eg skriv ikkje eit nytt bod til dykk, men eit gammalt bod som de har hatt frå første stund. Dette gamle bodet er det ordet de har høyrte.

<sup>8</sup> Likevel er det eit nytt bod eg skriv til dykk, eit bod som er sant i han og i dykk. For mørkret vik bort, og det sanne lyset skin alt no.

<sup>9</sup> Den som seier at han er i lyset, men hatar bror sin, er enno i mørkret.

<sup>10</sup> Den som elsker bror sin, blir verande i lyset og fører ingen til fall.

<sup>11</sup> Men den som hatar bror sin, er i mørkret og vandrar i mørkret. Han veit ikkje kvar han går, for mørkret har blinda auga hans.

### **Elsk ikkje verda**

<sup>12</sup> Eg skriv til dykk, born, fordi de har fått syndene tilgjevne for hans namn skuld.

<sup>13</sup> Eg skriv til dykk, fedrar, fordi de kjenner han som er frå opphavet. Eg skriv til dykk, de unge, fordi de har vunne over den vonde.

<sup>14</sup> Ja, eg har skrive til dykk, born, fordi de kjenner Far. Eg har skrive til dykk, fedrar, fordi de kjenner han som er frå opphavet. Eg har skrive til dykk, de unge, fordi de er sterke. Guds ord blir verande i dykk, og de har vunne over den vonde.

<sup>15</sup> Elsk ikkje verda og heller ikkje det som er i verda! Den som elsker verda, har ikkje kjærleiken til Far i seg.

<sup>16</sup>For alt her i verda – lysta i kroppen, lysta som styrer auga, og skrytet av det ein eig – det er ikkje av Far, men av verda.

<sup>17</sup> Verda forgår med all si lyst, men den som gjer Guds vilje, blir verande til evig tid.

### **Fornekking og vedkjenning**

<sup>18</sup> Mine born, dette er den siste tida. De har høyrte at Antikrist skal koma, og mange antikristar har alt stått fram. Av dette skjønar vi at no er den siste tida.

<sup>19</sup> Dei har gått ut frå oss, men dei var ikkje av oss. Hadde dei vore av oss, hadde dei vorte verande hos oss. Slik skulle det visa seg at ikkje alle er av oss.

<sup>20</sup> Men de er alle salva av Den heilage og kjenner sanninga.

<sup>21</sup> Så skriv eg ikkje til dykk fordi de ikkje kjenner sanninga, men fordi de kjenner henne og veit at inga løgn kjem frå sanninga.

<sup>22</sup> Og kven er løgnaren, om ikkje den som nektar at Jesus er Kristus? Antikrist er den som fornektar Faderen og Sonen.

<sup>23</sup> Den som fornektar Sonen, har heller ikkje fellesskap med Faderen. Den som vedkjenner Sonen, har òg fellesskap med Faderen.

<sup>24</sup> Lat det då bli verande i dykk, det de har høyrte frå først av. For dersom det blir verande i dykk, det de har høyrte frå først av, blir de òg verande i Sonen og i Faderen.

<sup>25</sup> Og dette er det han har lova oss: det evige livet.

<sup>26</sup> Når eg skriv dette, tenkjer eg på dei som fører dykk vill.

<sup>27</sup> Men den salven de har fått av han, blir verande i dykk, og de treng ikkje at nokon lærer dykk. For hans salve lærer dykk alt, og den er sann og utan løgn. Bli difor verande i han, slik de har lært.

### **Når Kristus openberrar seg**

<sup>28</sup> Ja, born, bli verande i han! Då kan vi vera frimodige når Kristus openberrar seg, og ikkje bli bortviste med skam når han kjem att.

<sup>29</sup>Når de veit at han er rettferdig, skjønner de at den som gjer det som er rett, er fødd av han.

### 1. Johannes 3

<sup>1</sup> Sjå kor stor kjærleik Far har synt oss: Vi får kallast Guds born – ja, vi er det! Verda kjenner oss ikkje, fordi ho ikkje kjenner han.

<sup>2</sup> Mine kjære, no er vi Guds born, og det er enno ikkje openberra kva vi skal bli. Vi veit at når han openberrar seg, skal vi bli like han, for vi skal sjå han som han er.

<sup>3</sup> Kvar den som har dette håpet til han, reinsar seg, slik Kristus er rein.

#### Kven er Guds born?

<sup>4</sup> Kvar den som gjer synd, gjer opprør mot lova, ja, synd er opprør mot lova.

<sup>5</sup> Og de veit at han openberra seg for å bera bort syndene våre, og i han finst det inga synd.

<sup>6</sup> Den som blir verande i han, syndar ikkje. Den som syndar, har ikkje sett han og ikkje kjent han.

<sup>7</sup> Mine born, lat ingen føra dykk vill! Den som gjer det som er rett, er rettferdig, slik Kristus er rettferdig.

<sup>8</sup> Den som gjer synd, er av djevelen, for djevelen har synda frå opphavet. Og det var for å gjera ende på djevelens verk at Guds Son openberra seg.

<sup>9</sup> Den som er fødd av Gud, gjer ikkje synd. For det Gud har sådd, blir verande i han. Han kan ikkje synda, for han er fødd av Gud.

<sup>10</sup> Slik viser det seg kven som er Guds born, og kven som er djevelens born: Den som ikkje gjer det som er rett, og ikkje elsker bror sin, er ikkje av Gud.

<sup>11</sup> For dette er den budskapen de har høyrte frå første stund: Vi skal elska kvarandre.

<sup>12</sup> Vi må ikkje vera som Kain, som var av den vonde og drap bror sin. Og kvifor drap han broren? Fordi hans egne gjerningar var vonde, men dei bror hans gjorde, var rettferdige.



**13** De må ikkje undra dykk, sysken, om verda hatar dykk.

**14** Vi veit at vi har gått over frå døden til livet, for vi elsker syskena våre. Den som ikkje elsker, er og blir i døden.

**15** Den som hatar bror sin, er ein mordar, og de veit at ingen mordar har evig liv i seg.

**16** Kva kjærleik er, har vi lært av at Jesus gav livet sitt for oss. Så skyldar òg vi å gje livet for syskena våre.

**17** Men den som har meir enn nok å leva av, og likevel lèt att hjartet sitt når han ser bror sin lida naud, korleis kan han ha Guds kjærleik i seg?

### **Frimod for Gud**

**18** Mine born, lat oss elska, ikkje med tomme ord, men i gjerning og sanning!

**19** Slik skal vi vita at vi er av sanninga, og så skal vi roa vårt hjarte for hans andlet.

**20** For om hjartet vårt fordømmer oss, er Gud større enn hjartet og veit alt.

**21** Mine kjære, dersom hjartet vårt ikkje fordømmer oss, har vi frimod for Gud.

**22** Og det vi bed om, skal vi få av han, for vi held hans bod og gjer det som er godt i hans auge.

**23** Og dette er hans bod: Vi skal tru på namnet åt hans Son, Jesus Kristus, og elska kvarandre, slik han baud oss.

**24** Den som held hans bod, blir verande i Gud og Gud i han. Og at han er i oss, det veit vi fordi han har gjeve oss sin Ande.

## **1. Johannes 4**

### **Prøv åndene**

**1** Mine kjære, tru ikkje kva ånd som helst! Prøv om åndene er av Gud! For mange falske profetar har gått ut i verda.

<sup>2</sup> På dette kjenner de Guds Ånd: Kvar ånd som vedkjenner at Jesus Kristus er komen i kjøt og blod, er av Gud.

<sup>3</sup> Men kvar ånd som ikkje vedkjenner Jesus, er ikkje av Gud. Det er ånda til Antikrist, som de har høyrte skal koma. Og den ånda er alt no i verda.

<sup>4</sup> Men de, mine born, er av Gud og har sigra over dei. For han som er i dykk, er større enn han som er i verda.

<sup>5</sup> Dei er av verda, difor er òg deira tale av verda, og verda høyrer på dei.

<sup>6</sup> Men vi er av Gud, og den som kjenner Gud, høyrer på oss. Den som ikkje er av Gud, høyrer ikkje på oss. Slik kan vi skilja sannings ånd frå villfarings ånd.

### **Gud er kjærleik**

<sup>7</sup> Mine kjære, lat oss elska kvarandre, for kjærleiken er frå Gud, og kvar den som elsker, er fødd av Gud og kjenner Gud.

<sup>8</sup> Den som ikkje elsker, har aldri kjent Gud, for Gud er kjærleik.

<sup>9</sup> I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss, at han sende sin einborne Son til verda så vi skulle ha liv ved han.

<sup>10</sup> Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elska Gud, men at han har elska oss og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre.

<sup>11</sup> Mine kjære, har Gud elska oss så, då skyldar òg vi å elska kvarandre.

<sup>12</sup> Ingen har nokon gong sett Gud, men dersom vi elsker kvarandre, blir Gud verande i oss, og hans kjærleik har vorte fullenda i oss.

<sup>13</sup> At vi blir i han og han i oss, det veit vi fordi han har gjeve oss av sin Ande.

<sup>14</sup> Og vi har sett og vi vitnar at Faderen har sendt Sonen til frelsar for verda.

<sup>15</sup> Om nokon vedkjenner at Jesus er Guds Son, blir Gud verande i han og han i Gud.

<sup>16</sup> Vi har lært å kjenna den kjærleiken Gud har til oss, og vi har trudd på den. Gud er kjærleik, og den som blir verande i kjærleiken, blir verande i Gud og Gud i han.

<sup>17</sup> I dette har kjærleiken vorte fullenda hos oss, at vi har frimod på dommens dag. For som Kristus er, slik er vi i denne verda.

<sup>18</sup> Det finst ikkje frykt i kjærleiken. Den fullkomne kjærleiken driv frykta ut. For frykta ber straffa i seg, og den som fryktar, har ikkje vorte fullenda i kjærleiken.

<sup>19</sup> Vi elsker fordi han elska oss først.

<sup>20</sup> Den som seier: «Eg elsker Gud», men likevel hatar bror sin, er ein løgnar. For den som ikkje elsker bror sin, som han har sett, kan ikkje elska Gud, som han ikkje har sett.

<sup>21</sup> Og dette er det bodet vi har frå han: Den som elsker Gud, må òg elska bror sin.

## 1. Johannes 5

### Sigrande tru

<sup>1</sup> Kvar den som trur at Jesus er Kristus, er fødd av Gud. Og den som elsker han som har fødd oss, elsker òg det som er fødd av han.

<sup>2</sup> På dette kjenner vi at vi elsker Guds born: at vi elsker Gud og held hans bod.

<sup>3</sup> Å elska Gud er å halda hans bod, og hans bod er ikkje tunge.

<sup>4</sup> For alt som er fødd av Gud, sigrar over verda. Og det som har sigra over verda, er vår tru.

### Vitnemålet om Sonen

<sup>5</sup> Kven andre vinn over verda enn den som trur at Jesus er Guds Son?

<sup>6</sup> Han, Jesus Kristus, er den som kom gjennom vatn og blod. Ikkje berre med vatnet, men med vatnet og blodet. Og Anden sjølv er vitne, for Anden er sanninga.

<sup>7</sup> Så er det tre som vitnar:

<sup>8</sup> Anden og vatnet og blodet, og desse tre seier det same.

<sup>9</sup> Vi godtek vitnemål frå menneske, men Guds vitnemål er sterkare. For dette er Guds vitnemål: Han har vitna om sin eigen Son.

<sup>10</sup> Den som trur på Guds Son, har vitnemålet i sitt indre. Men den som ikkje trur Gud, har gjort han til løgnar, fordi han ikkje har trudd Guds eige vitnemål om sin Son.

<sup>11</sup> Og dette er vitnemålet: Gud har gjeve oss evig liv, og dette livet er i hans Son.

<sup>12</sup> Den som har Sonen, har livet. Den som ikkje har Guds Son, har ikkje livet.

### **Bøn og forbøn**

<sup>13</sup> Dette har eg skrive til dykk så de skal vita at de har evig liv, de som trur på namnet åt Guds Son.

<sup>14</sup> Og denne frimodige tilliten har vi til han: at han høyrer oss når vi bed om noko som er etter hans vilje.

<sup>15</sup> Og når vi veit at han høyrer oss, same kva vi bed om, då veit vi òg at vi alt har det vi har bede han om.

<sup>16</sup> Den som ser bror sin gjera ei synd som ikkje fører til død, skal be for han og slik gje han liv – så sant han ikkje er av dei som syndar til døden. Det finst synd som fører til død, men eg talar ikkje om bøn for slik synd.

<sup>17</sup> All urett er synd, men ikkje all synd fører til død.

### **Under Guds vern**

<sup>18</sup> Vi veit at kvar den som er fødd av Gud, ikkje syndar. For han som er fødd av Gud, vernar han, så den vonde ikkje kan koma til.

<sup>19</sup> Vi veit at vi er av Gud, og at heile verda ligg i det vonde.

<sup>20</sup> Og vi veit at Guds Son er komen, og han har gjeve oss forstand, så vi kjenner Den sanne. Vi er i Den sanne, vi som er i hans Son, Jesus Kristus. Han er den sanne Gud og det evige livet.

<sup>21</sup> Mine born, ta dykk i vare for dei falske gudane!

## 2. Johannes

### 2. Johannes 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Den eldste helsar den utvalde frua og borna hennar, som eg i sanning elsker, ja, ikkje berre eg, men alle som har lært sanninga å kjenna.

<sup>2</sup> Henne elsker vi fordi sanninga bur i oss og vil vera med oss til evig tid.

<sup>3</sup> Nåde, miskunn og fred frå Gud, vår Far, og frå Jesus Kristus, hans Son, vere med oss – i sanning og kjærleik.

#### Sanning og kjærleik

<sup>4</sup> Eg vart inderleg glad då eg møtte nokre av borna dine og såg at dei går fram i sanninga, slik vår Far har gjeve oss påbod om.

<sup>5</sup> Og no legg eg deg på hjartet, frue, ikkje eit nytt bod som eg skriv til deg, men eitt vi har hatt frå første stund: at vi skal elska kvarandre.

<sup>6</sup> Og dette er kjærleiken: at vi går fram etter hans bod. Dette bodet har de høyrte frå første stund, og etter det skal de gå fram.

#### Falske lærarar

<sup>7</sup> For det har gått mange forførarar ut i verda, slike som ikkje vedkjenner at Jesus Kristus er kome i kjøt og blod. Dette er forføraren, Antikrist!

<sup>8</sup> Vakta dykk, så de ikkje mistar det de har arbeidd for, men får den fulle løna.

<sup>9</sup> Den som ikkje blir verande i Kristi lære, men går ut over den, er òg utan Gud. Den som blir verande i læra, har fellesskap både med Sonen og med Faderen.

<sup>10</sup> Kjem det nokon til dykk og ikkje har denne læra, skal de ikkje ta han inn i huset og ikkje ønskja han velkomen!

<sup>11</sup> For den som ønskjer han velkomen, blir medskuldig i alt det vonde han gjer.

#### Sluttord

<sup>12</sup> Eg har enno mykje meir eg kunne skriva til dykk, men eg vil ikkje seia det med papir og blekk. For eg håpar å få koma til dykk og tala med dykk, andlet til andlet, så gleda vår kan vera fullkomen.

<sup>13</sup> Borna til syster di, ho som er utvald, helsar deg.

## 3. Johannes

### 3. Johannes 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Den eldste helsar den kjære Gaius, som eg i sanning elsker.

<sup>2</sup> Kjære deg, eg ønskjer at du må få vera frisk og ha det godt på alle vis, liksom du òg har det godt åndeleg.

#### Hjelp til utsendingane

<sup>3</sup> Eg vart inderleg glad då nokre av syskena våre kom og fortalde kor trufast du er mot sanninga, korleis du lever i henne.

<sup>4</sup> Ikkje noko gleder meg meir enn å høyra at borna mine lever i sanninga.

<sup>5</sup> Kjære deg, du er trufast i all di gjerning for syskena våre, ja, til og med for dei som er framande.

<sup>6</sup> I forsamlinga her har dei vitna om kjærleiken din. Du gjer vel om du hjelper dei vidare på reisa. Det er rett for Gud.

<sup>7</sup> Det var då for å forkynna Namnet dei drog ut, og dei tek ikkje imot hjelp frå heidningane.

<sup>8</sup> Difor skyldar vi å ta oss av dei, så vi kan vera medarbeidarar for sanninga.

#### Diotrefes og Demetrios

<sup>9</sup> Eg har skrive nokre ord til forsamlinga. Men Diotrefes, som gjerne vil vera den fremste der, vil ikkje ha noko med oss å gjera.

<sup>10</sup> Når eg kjem, skal eg minna han om det han har gjort. For det vonde han seier om oss, er tåpeleg. Men han nøyser seg ikkje med det. Sjølv nektar han å ta imot syskena våre, og når andre vil gjera det, hindrar han dei og støyter dei ut av forsamlinga.

<sup>11</sup> Kjære deg, du må ikkje etterlikna det vonde, men det gode! Den som gjer det gode, er av Gud. Den som gjer det vonde, har ikkje sett Gud.

<sup>12</sup> Alle gjev Demetrios dei beste vitnemål, ja, sanninga sjølv vitnar for han. Det same gjer vi, og du veit at vårt vitnemål er sant.

### Sluttord

<sup>13</sup> Eg har enno mykje å skriva til deg, men eg vil ikkje skriva det med papir og blekk.

<sup>14</sup>For eg håpar å sjå deg snart, så vi kan tala saman, andlet til andlet.

<sup>15</sup>Fred vere med deg! Venene her helsar deg. Du må sjølv helsa venene, kvar einskild med namn.



## Judas

### Judas 1

#### Helsing

<sup>1</sup> Judas, Jesu Kristi tenar og Jakobs bror, helsar dei som er kalla, dei som er elska av Gud, vår Far, og haldne oppe for Jesus Kristus.

<sup>2</sup> Miskunn, fred og kjærleik vere med dykk i rikt mål!

#### Vranglærarane og dommen over dei

<sup>3</sup> Mine kjære! Eg har hatt eit inderleg ønske om å skriva til dykk om den frelsa som vi har saman. Men no ser eg meg nøydd til å senda dykk nokre formanande ord om å strida for den trua som ein gong for alle er overgjeven til dei heilage.

<sup>4</sup> For det har snike seg inn visse folk mellom dykk, ugudelege menneske som for lenge sidan var oppskrivne til å bli dømde. Dei misbruker vår Guds nåde til eit liv i utskeiingar, og dei fornektar vår einaste herskar og Herre, Jesus Kristus.

<sup>5</sup> Her er det noko eg vil minna dykk om, endå de alt kjenner vel til det: Herren berga folket ut av Egypt, men sidan gjorde han ende på dei som ikkje ville tru.

<sup>6</sup> Og dei englane som ikkje tok vare på sin høge stand, men drog bort frå sin eigen bustad, dei held han bundne i mørker med evige lenkjer til dommen på den store dagen.

<sup>7</sup> På same måten var det med Sodoma og Gomorra og nabobyane, der dei levde i hor liksom desse englane, og i unaturlege lyster. Dei vart straffa med evig eld og ligg der som eit åtvarande eksempel.

<sup>8</sup> Likevel gjer desse menneska det same. Drivne av sine syn skitnar dei til kroppen sin, forkastar Guds herredøme og spottar høge makter.

<sup>9</sup> Men då erkeengelen Mikael låg i strid med djevelen om kroppen til Moses, våga han ikkje spotta djevelen og dømma han, men sa: Må Herren refsa deg!

**10** Men desse menneska spottar det dei ikkje kjenner, og det dei, som dyr utan fornuft, skjønar ut frå naturen, det tener til å øydeleggja dei.

**11** Ve dei! Dei har slege inn på Kains veg; dei har kasta seg ut i Bileams villfaring for vinning skuld. Dei har gjort opprør som Korah og gått til grunne.

**12** Dei er skamflekker ved kjærleiksmåltida dykkar, der dei utan otte eller skam et saman med dykk. Dei er gjetarar som berre passar seg sjølve, skyer som driv med vinden utan å gje regn. Dei er tre som ikkje ber frukt om hausten, dobbelt døde, ja, rivne opp med rot.

**13** Dei er ville havbølger, skummande opp si eiga skam, villfarne stjerner som det evige nattemørkret ventar på.

**14** Det var om desse Henok, Adams etterkomar i sjuande leden, spådde då han sa: «Sjå, Herren kjem med sine heilage i tusental.

**15** Han vil halda dom over alle og straffa alle menneske for deira ugudelege gjerningar og for alle harde ord dei har tala mot han, desse gudlause syndarane.»

**16** Dette er folk som murrar og klagar over lagnaden sin, men lever etter lystene sine. Munnane talar store ord og smigrar folk når dei har nytte av det.

### **Bøn og omsorg**

**17** Men de, mine kjære, kom i hug dei orda som vår Herre Jesu Kristi apostlar har føresagt.

**18** Dei sa til dykk: «I dei siste tider skal det koma spottarar som følgjer sine eigne ugudelege lyster.»

**19** Dette er dei som skaper splid mellom dykk; dei er reint menneskelege og manglar Anden.

**20** Men de, mine kjære, må byggja dykk sjølve opp ved dykkar høge og heilage tru og alltid be i Den heilage ande.

<sup>21</sup> Pass på å bli verande i Guds kjærleik medan de ventar på at vår Herre Jesu Kristi miskunn skal føra dykk til evig liv.

<sup>22</sup>Miskunna dykk over dei som tvilar,

<sup>23</sup> andre skal de riva ut or elden og berga. Atter andre skal de ta dykk av, men ver varsame: Sky til og med kappa som er skitna til av lystene i kroppen.

### **Lovprising**

<sup>24</sup> Han som har makt til å verna dykk mot fall og føra dykk jublande og utan feil fram for sin herlegdom,

<sup>25</sup> han, den einaste Gud, vår frelsar ved Jesus Kristus, vår Herre: Han tilhøyrrer ære og majestet, velde og makt før all tid, no og i all æve! Amen.

## Johannes' openberring

### Johannes' openberring 1

<sup>1</sup> Dette er Jesu Kristi openberring, som Gud gav han så han skulle visa tenarane sine det som snart skal henda. Han sende engelen sin og kunngjorde det for tenaren sin, Johannes.

<sup>2</sup> Det er han som her vitnar om Guds ord og ber fram Jesu Kristi vitnemål, alt det han har sett.

<sup>3</sup> Sæl er den som les opp orda i denne profetien, og sæle er dei som høyrer dei og held fast på det som der står skrive. For tida er nær.

### Helsing

<sup>4</sup> Johannes helsar dei sju forsamlingane i Asia: Nåde vere med dykk og fred frå han som er og som var og som kjem, og frå dei sju åndene som står framfor trona hans,

<sup>5</sup> og frå Jesus Kristus, det truverdige vitnet, den førstefødde av dei døde og herren over kongane på jorda. Han som elsker oss og har fria oss frå syndene våre med sitt blod

<sup>6</sup> og har gjort oss til eit kongerike, til prestar for Gud, sin Far, han skal ha æra og makta i all æve. Amen.

<sup>7</sup> Sjå, han kjem med skyene, og kvart auge skal sjå han, også dei som har gjennomstunge han, og alle folkeslag på jorda skal bryta ut i klagerop over han. Ja, amen!

<sup>8</sup> Eg er Alfa og Omega, seier Herren Gud, han som er og som var og som kjem, Den allmektige.

### Menneskesonen openberrar seg

<sup>9</sup> Eg, Johannes, som er bror dykkar og saman med dykk har del i trengslene, i riket og vona i Jesus, eg var på øya Patmos. Dit var eg komen på grunn av Guds ord og vitnemålet om Jesus.

<sup>10</sup> På Herrens dag kom Anden over meg, og eg høyrde ei røyst bak meg, sterk som ein basun.

**11** Røysta sa: «Det du får sjå, skal du skriva ned i ei bok og senda til dei sju forsamlingane: til Efesos, Smyrna, Pergamon, Tyatira, Sardes, Filadelfia og Laodikea.»

**12** Eg snudde meg for å sjå kven det var som tala til meg. Då såg eg sju lysestakar av gull,

**13** og midt mellom lysestakane ein som var lik ein menneskeson, kledd i fotsid kappe og med eit gullbelte under bringa.

**14** Hovudet og håret hans var kvitt som kvit ull eller som snø, og auga som logande eld,

**15** føtene var som bronse, glødd i omnen, og røysta lydde som brusset av veldige vassmengder.

**16** I si høgre hand hadde han sju stjerner, og frå munnen hans gjekk det ut eit skarpt, tvieggja sverd. Andletet var som sola når ho skin i all si kraft.

**17** Då eg såg han, fall eg ned for føtene hans som eg var død. Men han la høgre handa si på meg og sa: «Ver ikkje redd! Eg er den første og den siste

**18** og den levande. Eg var død, men sjå, eg lever i all æve og har nøklane til døden og dødsriket.

**19** Skriv no ned det du har sett, det som er, og det som heretter skal koma.

**20** Dette er løyndomen med dei sju stjernene du såg i mi høgre hand, og dei sju lysestakane av gull: Dei sju stjernene er englane for dei sju forsamlingane, og dei sju lysestakane er dei sju forsamlingane.»

## **Johannes' openberring 2**

### **Brev til dei sju forsamlingane**

*(Kap. 2–3)*

#### **Til Efesos**

**1** Skriv til engelen for forsamlinga i Efesos: Dette seier han som held dei sju stjernene i si høgre hand, han som går omkring mellom dei sju gulllysestakane:

<sup>2</sup> Eg veit om gjerningane dine: Du har streva, og du har halde ut. Eg veit òg at du ikkje kan tola dei vonde. Du har prøvd dei som kallar seg apostlar, men ikkje er det, og du har funne at dei er løgnarar.

<sup>3</sup> Du har halde ut, og du har tolt mykje for mitt namn skuld og ikkje trøytna.

<sup>4</sup> Men dette har eg imot deg: Du har gjeve opp din første kjærleik.

<sup>5</sup> Kom i hug kvar du stod før du fall. Vend om og gjer dei gjerningane du gjorde før! Elles kjem eg til deg og tek lysestaken din bort – om du ikkje vender om.

<sup>6</sup> Men den ros skal du ha, at du hatar gjerningane til nikolaittane, slik eg sjølv gjer.

<sup>7</sup> Den som har øyre, høyr kva Anden seier til forsamlingane! Den som sigrar, vil eg la eta av livsens tre, som er i Guds paradís.

#### **Til Smyrna**

<sup>8</sup> Skriv til engelen for forsamlinga i Smyrna: Dette seier den første og den siste, han som var død og har vorte levande:

<sup>9</sup> Eg veit om trengslene du må lida, og kor fattig du er – men du er rik. Eg veit òg at du blir spotta av dei som kallar seg jødar, men ikkje er det, for dei er Satans synagoge.

<sup>10</sup> Ver ikkje redd for det du skal lida! Djevelen kjem til å kasta nokre av dykk i fengsel for at de skal setjast på prøve, og de skal lida vondt i ti dagar. Ver tru til døden, så skal eg gje deg livsens sigerskrans!

<sup>11</sup> Den som har øyre, høyr kva Anden seier til forsamlingane! Den som sigrar, skal ikkje skadast av den andre døden.

#### **Til Pergamon**

<sup>12</sup> Skriv til engelen for forsamlinga i Pergamon: Dette seier han som har det kvasse, tvieggja sverdet:

<sup>13</sup> Eg veit kvar du bur, der Satan har trona si. Likevel held du fast på mitt namn. Og du har ikkje forneakta trua på meg, ikkje eingong i dei dagane då Antipas, mitt trufaste vitne, vart drepen i byen dykkar, der Satan bur.

<sup>14</sup> Men noko har eg imot deg: Du har nokre hos deg som held seg til Bileams lære, han som lærte Balak å setja ei felle for Israelsfolket, så dei åt avgudsoffer og dreiv hor.

<sup>15</sup> Så har du òg nokre hos deg av same slaget, dei som held seg til det nikolaittane lærer.

<sup>16</sup> Vend om! Elles kjem eg snart til deg og vil kjempa mot dei med sverdet som går ut frå min munn.

<sup>17</sup> Den som har øyre, høyr kva Anden seier til forsamlingane! Den som sigrar, vil eg gje av den løynde manna. Og eg vil gje han ein kvit stein, og på steinen er det skrive eit nytt namn som ingen kjenner utan den som får det.

#### Til Tyatira

<sup>18</sup> Skriv til engelen for forsamlinga i Tyatira: Dette seier Guds Son, han som har auge som logande eld og føter som bronse:

<sup>19</sup> Eg veit om gjerningane dine, kjærleiken din og trua di, tenesta di og tolmodet ditt. Ja, dei siste gjerningane dine overgår dei første!

<sup>20</sup> Men dette har eg imot deg: Du toler denne kvinna Jesabel, ho som kallar seg profet, men som med læra si lokkar tenarane mine til å driva hor og eta avgudsoffer.

<sup>21</sup> Eg har gjeve henne tid til å venda om, men ho vil ikkje venda om frå sitt horeri.

<sup>22</sup> Sjø, no kastar eg henne på sjukeseng, og dei som gjer ekteskapsbrot med henne, kastar eg ut i stor naud om dei ikkje vender om frå gjerningane hennar,

<sup>23</sup> og borna hennar vil eg drepa med pest. Slik skal alle forsamlingane sanna at eg er den som granskar nyrer og hjarte, og som løner kvar og ein av dykk etter det de har gjort.

<sup>24</sup> Men til dykk andre i Tyatira, alle som ikkje følgjer denne læra og ikkje har «kjent Satans avgrunnar», som dei kallar det, til dykk seier eg: Eg legg inga ny bør på dykk.

<sup>25</sup> Hald berre fast på det de har, heilt til eg kjem.

<sup>26</sup> Den som sigrar og heilt til det siste held seg til mine gjerningar, skal eg gje makt over folkeslaga.

<sup>27</sup> Han skal styra dei med jernstav, som leirkar skal dei knusast.

<sup>28</sup> Ei slik makt har eg fått av Far min. Og eg vil gje han morgonstjerna.

<sup>29</sup> Den som har øyre, høyr kva Anden seier til forsamlingane!

### **Johannes' openberring 3**

#### **Til Sardes**

<sup>1</sup> Skriv til engelen for forsamlinga i Sardes: Dette seier han som har dei sju Guds ånder og dei sju stjernene: Eg veit om gjerningane dine! Det heiter om deg at du lever, men du er død.

<sup>2</sup> Vakn opp og styrk det som er att, og som held på å døy! For eg har funne at gjerningane dine ikkje held mål for min Gud.

<sup>3</sup> Kom difor i hug kva du tok imot og høyrde! Hald fast på det og vend om! Men om du ikkje vaknar, skal eg koma som ein tjuv, og du skal ikkje vita kva time eg kjem over deg.

<sup>4</sup> Men du har nokre få i Sardes som ikkje har skitna til kledda sine. Og dei skal gå med meg i kvite klede, for dei er verdige til det.

<sup>5</sup> Den som sigrar, skal bli kledd i kvite klede, og eg skal aldri stryka namnet hans ut av livsens bok, men kjennast ved namnet hans for Far min og englane hans.

<sup>6</sup> Den som har øyre, høyr kva Anden seier til forsamlingane!

#### **Til Filadelfia**





<sup>7</sup> Skriv til engelen for forsamlinga i Filadelfia: Dette seier Den heilage og sannferdige, han som har Davids nøkkel, som opnar så ingen kan stengja, og stengjer så ingen kan opna:

<sup>8</sup> Eg veit om gjerningane dine. Sjå, eg har sett framfor deg ei opna dør, som ingen kan stengja. For du har lita kraft, og du har halde fast på mitt ord og ikkje fornekta mitt namn.

<sup>9</sup> Sjå, eg lèt nokre koma frå Satans synagoge, slike som lyg og seier dei er jødar, men ikkje er det. Dei skal koma og kasta seg ned for føtene dine, og dei skal skjønna at eg har elska deg.

<sup>10</sup> Du har halde fast på mitt ord om tolmod. Difor vil eg halda fast på deg i den prøvingstida som skal koma over heile verda for å prøva dei som bur på jorda.

<sup>11</sup> Eg kjem snart. Hald fast på det du har, så ingen skal ta frå deg sigerskransen!

<sup>12</sup> Den som sigrar, vil eg gjera til ei søyle i min Guds tempel, og aldri meir skal han gå ut derifrå. Eg vil skriva min Guds namn på han og namnet på min Guds by, det nye Jerusalem, som kjem ned frå himmelen, frå min Gud – og like eins mitt eige nye namn.

<sup>13</sup> Den som har øyre, høyr kva Anden seier til forsamlingane!

#### **Til Laodikea**

<sup>14</sup> Skriv til engelen for forsamlinga i Laodikea: Dette seier han som er Amen, det trufaste og sannferdige vitnet, opphavet til alt som Gud har skapt:

<sup>15</sup> Eg veit om gjerningane dine – du er verken kald eller varm. Om du berre var kald eller varm!

<sup>16</sup> Men du er lunka, ikkje varm og ikkje kald. Difor skal eg spytta deg ut av min munn.

<sup>17</sup> «Eg er rik», seier du, «eg har overflod og manglar ingen ting.» Men du veit ikkje at nettopp du er arm og ynkeleg, blind, fattig og naken.

<sup>18</sup>Difor rår eg deg til å kjøpa av meg gull som er reinsa i eld, så du kan bli rik, og kvite klede som du kan kle deg med og løyna di nakne skam, og salve til å stryka på auga dine, så du kan sjå.

<sup>19</sup> Alle dei eg har kjær, refsar eg og viser til rette. Gjer alvor av å venda om!

<sup>20</sup> Sjå, eg står framfor døra og bankar. Om nokon høyrer mi røyst og opnar døra, då vil eg gå inn til han og halda måltid, eg med han og han med meg.

<sup>21</sup> Den som sigrar, vil eg la sitja med meg på mi trone, slik eg sjølv har sigra og sett meg med Far min på hans trone.

<sup>22</sup>Den som har øyre, høyr kva Anden seier til forsamlingane!

## Johannes' openberring 4

### Guds trone og Lammet

(Kap. 4–5)

#### Tilbeding i himmelen

<sup>1</sup> Deretter såg eg, og sjå! – ei dør var opna i himmelen. Og den røysta eg før hadde høyrte tala med klang som ein basun, sa til meg: «Stig hit opp, så skal eg syna deg det som heretter skal henda.»

<sup>2</sup> I det same kom Anden over meg. Og sjå, i himmelen stod det ei trone, og det sat ein på trona.

<sup>3</sup> Han som sat der, såg ut som jaspis og karneol, og omkring trona var det ein regnboge; han var som smaragd.

<sup>4</sup> I ein ring omkring trona såg eg tjuefire andre troner, og på dei sat tjuefire eldste, kledde i kvite klede, med sigerskransar av gull på hovudet.

<sup>5</sup> Frå trona gjekk det ut lyn og drønn og torebrak, og framfor trona brann det sju faklar, det er dei sju Guds ånder.

<sup>6</sup> Framfor trona var det som eit glashav, likt krystall. Og i midten, rundt trona, var det fire skapningar. Dei hadde fullt av auge framme og bak.

<sup>7</sup> Den første skapningen var lik ei løve, den andre var lik ein okse, den tredje hadde andlet som eit menneske, og den fjerde var lik ei flygande ørn.



<sup>8</sup>Kvar av dei fire skapningane hadde seks venger, og overalt hadde dei fullt av auge, også under vengene. Natt og dag ropar dei, utan stans: Heilag, heilag, heilag er Herren Gud, Den allmechtige, han som var og som er og som kjem.

<sup>9</sup>Kvar gong dei fire skapningane prisar og hyllar og takkar han som sit på trona, han som lever i all æve,

<sup>10</sup> fell dei tjuefire eldste ned for han som sit på trona, og dei tilbed han som lever i all æve. Dei kastar sigerskransane sine ned framfor trona og ropar:

<sup>11</sup> Verdig er du, vår Herre og Gud, til å få pris og ære og makt. For du har skapt alt; ved din vilje vart alt til, skapt av deg.

## **Johannes' openberring 5**

### **Boka med sju segl**

<sup>1</sup>Og eg såg at han som sat på trona, hadde ein bokrull i høgre handa. Det var skrive på rullen, både inni og utanpå, og han var forseгла med sju segl.

<sup>2</sup>Då såg eg ein mektig engel som ropa med høg røyst: «Kven er verdig til å opna boka og bryta segla?»

<sup>3</sup>Men korkje i himmelen eller på jorda eller under jorda var det nokon som kunne opna boka eller sjå i henne.

<sup>4</sup>Då gret eg sårt, fordi ingen vart funnen verdig til å opna boka eller sjå i henne.

<sup>5</sup>Men ein av dei eldste sa til meg: «Gråt ikkje! For løva av Juda-stammen, Davids rotskot, har sigra og kan opna boka med dei sju segla.»

<sup>6</sup>Og eg såg eit lam som stod midt på trona, mellom dei fire skapningane og i krinsen av dei eldste, og det såg ut som lammet var slakta. Det hadde sju horn og sju auge, og auga er dei sju Guds ånder som er utsende over heile jorda.

<sup>7</sup>Lammet kom og tok imot bokrullen frå høgre handa til han som sat på trona.

<sup>8</sup> Då det tok boka, fall dei fire skapningane og dei tjuetve eldste ned for Lammet. Dei hadde kvar si harpe og gullskåler fulle av røykjelse, det er bønene til dei heilage.

<sup>9</sup> Og dei song ein ny song: Verdig er du til å ta imot boka og bryta segla på henne. For du vart slakta, og med ditt blod har du frikjøpt for Gud menneske av alle stammar og tungemål, av alle folk og folkeslag.

<sup>10</sup> Du har gjort dei til eit kongerike, til prestar for vår Gud, og dei skal herska som kongar på jorda.

<sup>11</sup> Og eg såg, og eg høyrde røysta av dei mange englane som stod omkring trona, og dei fire skapningane og dei eldste – det var ein uendeleg flokk, i titusental.

<sup>12</sup> Dei ropa med høg røyst: Verdig er Lammet som vart slakta, verdig til å få all makt og rikdom, visdom og styrke, ære og pris og takk.

<sup>13</sup> Og kvar skapning i himmelen og på jorda og under jorda og på havet, ja, alt som finst der, høyrde eg seia: Han som sit på trona, han og Lammet vere takk og ære, pris og makt i all æve.

<sup>14</sup> Dei fire skapningane svara: «Amen.» Og dei eldste kasta seg ned og tilbad.

## **Johannes' openberring 6**

### **Dei sju segla**

(6,1–8,1)

#### **Dei seks første segla blir brotne**

<sup>1</sup> Og eg såg Lammet bryta det første av dei sju segla, og eg høyrde ein av dei fire skapningane ropa med ei røyst som toreslag: «Kom!»

<sup>2</sup> Og eg såg, og sjå! – ein kvit hest. Og han som sat på hesten, hadde ein boge. Det vart gjeve han ein sigerskrans, og med siger drog han ut for å sigra.

<sup>3</sup> Då Lammet braut det andre seglet, høyrde eg den andre skapningen ropa: «Kom!»

<sup>4</sup> Og det kom fram ein annan hest, raud som eld. Han som sat på hesten, fekk makt til å ta freden bort frå jorda, så folk skulle slakta kvarandre ned. Og det vart gjeve han eit stort sverd.

<sup>5</sup> Då Lammet braut det tredje seglet, hørde eg den tredje skapningen ropa: «Kom!» Og eg såg, og sjå! – ein svart hest. Og han som sat på hesten, hadde ei skålvekt i handa.

<sup>6</sup> Og eg hørde liksom ei røyst inne mellom dei fire skapningane: «Ein liter kveite for ei dagløn! Tre liter bygg for ei dagløn! Men oljen og vinen må du ikkje skada.»

<sup>7</sup> Då Lammet braut det fjerde seglet, hørde eg den fjerde skapningen ropa: «Kom!»

<sup>8</sup> Og eg såg, og sjå! – ein gulbleik hest. Han som sat på hesten, bar namnet Døden, og dødsriket følgde med han. Dei fekk makt over fjerdedelen av jorda, så dei kunne drepa med sverd, hungersnaud og pest og ved villdyra på jorda.

<sup>9</sup> Då Lammet braut det femte seglet, såg eg under altaret sjelene til dei som var slakta ned for Guds ord skuld og for det vitnemålet dei hadde gjeve.

<sup>10</sup> Dei ropa med høg røyst: «Herre, du heilage og truverdige, kor lenge vil du venta før du held dom og lèt straffa for blodet vårt koma over dei som bur på jorda?»

<sup>11</sup> Då fekk kvar av dei ei kvit kappe, og det vart sagt dei at dei skulle halda seg i ro endå ei lita stund, til talet var fullt på dei medtenarane og syskena som skulle bli drepne slik som dei sjølve.

<sup>12</sup> Og eg såg Lammet bryta det sjette seglet. Då kom det eit stort jordskjelv. Sola vart svart som ei sørgjedrakt, fullmånen vart som blod,

<sup>13</sup> og stjernene på himmelen fall ned på jorda slik umogne frukter drys frå eit fikentre i storm.

<sup>14</sup> Himmelen rivna og rulla seg saman som ein bokrull, og kvart fjell og kvar øy vart flytt frå sin stad.

<sup>15</sup> Kongane på jorda, stormenn og hærførarar, dei rike og dei mektige, kvar slave og kvar fri, alle gøymde dei seg i hòler og mellom berghamrar.

<sup>16</sup> Og dei sa til fjella og hamrane: «Fall over oss og løyn oss for andletet til han som sit på trona, og for vreiden til Lammet.

<sup>17</sup> For den store vreidedagen er komen, og kven kan då bli ståande?»

## Johannes' openberring 7

### Guds tenarar blir merkte med segl

<sup>1</sup> Deretter såg eg fire englar som stod på dei fire verdshjørna og heldt dei fire vindane på jorda, så det ikkje skulle blåsa nokon vind over jorda eller havet eller trea.

<sup>2</sup> Og eg såg ein annan engel. Han steig fram i aust, der sola ris, og bar den levande Guds segl. Med høg røyst ropa han til dei fire englane som hadde fått makt til å føra skade over jorda og havet:

<sup>3</sup> «Rør ikkje jorda eller havet eller trea før vi har merkt vår Guds tenarar med segl på panna.»

<sup>4</sup> Og eg hørde talet på dei som fekk seglet: Det var 144 000, frå alle stammene i Israelfolket.

<sup>5</sup> Av Juda-stammen var det 12 000 med segl, av Ruben-stammen 12 000, av Gad-stammen 12 000,

<sup>6</sup> av Asjer-stammen 12 000, av Naftali-stammen 12 000, av Manasse-stammen 12 000,

<sup>7</sup> av Simeon-stammen 12 000, av Levi-stammen 12 000, av Jissakar-stammen 12 000,

<sup>8</sup> av Sebulon-stammen 12 000, av Josef-stammen 12 000 og av Benjamin-stammen 12 000 med segl.

### Den store kvite flokken

<sup>9</sup> Deretter såg eg ein flokk så stor at ingen kunne telja han, av alle folkeslag og ætter, av alle folk og tungemål. Dei stod framfor trona og Lammet, kledde i kvite klede, med palmegreiner i hendene.

<sup>10</sup> Og dei ropa med høg røyst: Sigeren kjem frå vår Gud, han som sit på trona, og frå Lammet.

<sup>11</sup> Alle englane stod rundt trona og dei eldste og dei fire skapningane. Dei kasta seg ned framfor trona med andletet mot jorda og tilbad Gud

<sup>12</sup> og sa: Amen. All lov og pris og visdom, takk og ære, makt og velde høyrer vår Gud til i all æve. Amen.

<sup>13</sup> Då tok ein av dei eldste til orde og spurde meg: «Desse som er kledde i kvite klede, kven er dei, og kvar kjem dei frå?»

<sup>14</sup> «Herre», svara eg, «du veit det.» Då sa han til meg: «Dette er dei som kjem ut av den store trengsla og har vaska kappene sine og gjort dei kvite i blodet frå Lammet.

<sup>15</sup> Difor står dei for Guds trone og tener han dag og natt i hans tempel. Og han som sit på trona, skal reisa sin bustad over dei.

<sup>16</sup> Dei skal ikkje lenger svelta eller tørsta, og sola skal ikkje falla på dei eller brennande hete.

<sup>17</sup> For Lammet, som står midt på trona, skal vera gjetaren deira og føra dei til kjelder med livsens vatn, og Gud skal tørka kvar tåre frå auga deira.»

## **Johannes' openberring 8**

### **Det sjuande seglet**

<sup>1</sup> Då Lammet braut det sjuande seglet, vart det stilt i himmelen om lag ein halv time.

### **Dei sju basunane**

*(8,2–11,19)*

### **Røykjelse og eld**

<sup>2</sup> Og eg såg dei sju englane som står for Guds andlet, og det vart gjeve dei sju basunar.

<sup>3</sup>Ein annan engel, som hadde eit røykjelsesfat av gull, kom og stod ved altaret. Og det vart gjeve han ei mengd med røykjelse som han skulle leggja saman med bønene frå alle dei heilage på gullaltaret framfor trona.

<sup>4</sup>Og frå engelens hand steig det opp for Guds andlet ei sky av røykjelse saman med bønene frå dei heilage.

<sup>5</sup>Så tok engelen røykjelsesfatet, fylte det med eld frå altaret og kasta elden på jorda. Og det kom torebrak og drønn, lyn og jordskjelv.

<sup>6</sup>Dei sju englane med dei sju basunane gjorde seg no klare til å blåsa.

#### **Dei fire første basunane**

<sup>7</sup>Den første engelen bles i basunen. Då kom det hagl og eld, blanda med blod, og det vart kasta ned på jorda. Tredjedelen av jorda gjekk opp i logar, og tredjedelen av trea brann opp saman med alt det grønne graset.

<sup>8</sup>Den andre engelen bles i basunen. Då var det som eit stort, brennande fjell vart kasta i havet. Tredjedelen av havet vart til blod,

<sup>9</sup>og tredjedelen av alle skapningane i havet døydde, og tredjedelen av skipa gjekk under.

<sup>10</sup>Den tredje engelen bles i basunen. Då fall ei stor stjerne frå himmelen, logande som ein fakkell, og ho fall på tredjedelen av elvane og på vasskjeldene.

<sup>11</sup>Namnet på stjerna er Malurt. Tredjedelen av vatnet vart til malurt, og mange menneske døydde av vatnet fordi det hadde vorte giftig.

<sup>12</sup>Den fjerde engelen bles i basunen. Då vart tredjedelen av sola og tredjedelen av månen og tredjedelen av stjernene ramma, så tredjedelen av dei vart mørk, dagen mista tredjedelen av lyset sitt, og natta like eins.

<sup>13</sup>Og eg såg ei ørn flygande høgt oppe under himmelkvelven, og eg hørde henne ropa med høg røyst: «Ve! Ve! Ve over dei som bur på jorda når dei tre siste englane lèt basunane sine lyda!»

### **Johannes' openberring 9**



### Den femte basunen

<sup>1</sup> Den femte engelen bles i basunen. Og eg såg ei stjerne som hadde falle frå himmelen og ned på jorda. Ho fekk nøkkelen til avgrunnsbrønnen.

<sup>2</sup> Og då ho opna brønnen, steig det røyk opp som røyken frå ein stor omn, så sola og lufta vart formørkte av røyken frå brønnen.

<sup>3</sup> Ut av røyken kom det grashopper som spreidde seg over jorda, og dei fekk same makt som skorpionane på jorda.

<sup>4</sup> Det vart sagt til dei at dei ikkje måtte skada graset på jorda eller noko anna grønt eller noko tre, men berre dei menneske som ikkje hadde Guds segl på panna.

<sup>5</sup> Dei fekk ikkje lov til å drepa dei, men skulle pina dei i fem månader. Og den pina var som pina når eit menneske blir stukke av ein skorpion.

<sup>6</sup> I dei dagane kjem menneska til å søkja døden, men ikkje finna han. Dei skal lengta etter å få døy, men døden skal rømme frå dei.

<sup>7</sup> Grashoppene likna på hestar som var gjorde klare til strid. På hovudet hadde dei noko som likna kransar av gull, og andleta var som menneskeandlet.

<sup>8</sup> Håret deira var som kvinnehår, tennene deira var som løvetenner,

<sup>9</sup> og bringa deira var som brystpanser av jern. Larmen av vengene deira var som larmen av mange hestar og vogner når dei rasar fram til strid.

<sup>10</sup> Dei hadde halar med brodd som skorpionar, og i halane låg makta til å plaga menneska i fem månader.

<sup>11</sup> Til konge over seg hadde dei avgrunnsengelen, han som på hebraisk heiter Abaddon og på gresk Apollyon.

<sup>12</sup> Det første ve-ropet er no over, men det kjem endå to.

### Den sjette basunen

<sup>13</sup> Den sjette engelen bles i basunen. Då høyrde eg ei røyst frå dei fire horna på gullaltaret for Guds andlet.

**14** Røysta sa til den sjette engelen, som hadde basunen: «Løys dei fire englane som står bundne ved den store elva Eufkrat!»

**15** Og dei fire englane vart løyste, dei som stod ferdige og venta på denne timen, denne dagen, denne månaden og dette året, for å drepa tredjedelen av menneska.

**16** Talet på ryttarar i troppane deira var tjue tusen gonger ti tusen – eg høyrde talet.

**17** Og slik var dei hestane eg såg i synet, og dei ryttarane som sat på dei: Mennene hadde brystpanser farga som eld, hyasint og svovel. Hestane hadde hovud som løver, og ut or munnen deira fór det eld og røyk og svovel.

**18** Tredjedelen av menneska vart drepne i desse tre plagene, i elden og røyken og svovelen som kom ut or munnen på hestane.

**19** For makta deira ligg i munnen, men òg i halane. For halane deira liknar slangar som har hovud, og med dei gjer dei skade.

**20** Men resten av menneska, dei som slapp frå desse plagene og ikkje vart drepne, dei vende ikkje om frå det dei hadde laga med hendene sine, og heldt ikkje opp med å tilbe det. Dei tilbad vonde ånder og gudebilete av gull, sølv og bronse, stein og tre, dei som korkje kan sjå eller høyra eller gå.

**21** Dei vende ikkje om frå sine mord og sin trolldom, frå sitt horeri og si steling.

## **Johannes' openberring 10**

### **Engelen med den vesle bokrullen**

**1** Og eg såg ein annan mektig engel stiga ned frå himmelen. Han var sveipt i ei sky og hadde regnbogen kring hovudet. Andletet var som sola og føtene som eldsøyler.

**2** I handa hadde han ein liten bokrull som var opna. Han sette den høgre foten på havet og den venstre på jorda

<sup>3</sup> og ropa med kraftig røyst som ei brølande løve. Då han hadde ropa, ljoma røystene frå dei sju torene.

<sup>4</sup> Etter at dei sju torene hadde tala, ville eg til å skriva, men eg høyrde ei røyst frå himmelen som sa: «Set segl for det som dei sju torene har sagt, skriv det ikkje ned!»

<sup>5</sup> Og engelen som eg hadde sett stå på havet og på jorda, lyfte høgre handa mot himmelen

<sup>6</sup> og svor ved han som lever i all æve, han som skapte himmelen og alt som finst der, og jorda og alt som finst der, og havet og alt som finst der: «Tida er ute.

<sup>7</sup> Men når den sjuande engelen lèt basunen lyda, i dei dagane skal Guds mysterium vera fullført, slik han kunngjorde for tenarane sine, profetane.»

<sup>8</sup> Den røysta eg hadde høyrte frå himmelen, tala igjen til meg: «Gå bort og ta den opne boka frå handa til engelen som står på havet og på jorda.»

<sup>9</sup> Då gjekk eg bort til engelen og sa til han: «Gjev meg den vesle bokrullen.» Han sa til meg: «Ta bokrullen og et han! Han skal svi i magen din, men i munnen din skal han vera søt som honning.»

<sup>10</sup> Så tok eg den vesle bokrullen ut av handa på engelen og åt han, og i munnen var han søt som honning, men då eg hadde svelgt han, sveid det i magen.

<sup>11</sup> Då vart det sagt til meg: «Endå ein gong skal du tala profetord mot folk og folkeslag og tungemål og mot mange kongar.»

## **Johannes' openberring 11**

### **Tempelet og dei to vitna**

<sup>1</sup> Og det vart gjeve meg ei målestong som likna ein stav, og det vart sagt til meg: «Reis deg og mål Guds tempel og altaret, og tel dei som tilbed der!

<sup>2</sup> Men føregarden utanfor tempelet skal du la vera, den skal du ikkje måla. For han er overlata til heidningane, og dei skal trø ned den heilage byen i 42 månader.

<sup>3</sup> Men eg vil setja dei to vitna mine, kledde i sekkestrie, til å vera profetar i 1260 dagar.»

<sup>4</sup> Dette er dei to oliventrea og dei to lysestakane som står framfor Herren over jorda.

<sup>5</sup> Og om nokon vil skada dei, går det eld ut or munnen på dei og gjer ende på fiendane deira. Ja, den som vil skada dei, skal døy på den måten.

<sup>6</sup> Dei har makt til å lata att himmelen så det ikkje fell regn i den tida dei er profetar. Dei har makt over vatnet og kan gjera det til blod, og makt til å slå jorda med alle slags plager, så ofte dei vil.

<sup>7</sup> Men når dei er ferdige med å vitna, skal dyret som stig opp frå avgrunnen, føra krig mot dei, vinna over dei og drepa dei.

<sup>8</sup> Lika deira skal liggja på gata i den store byen som i åndeleg samanheng blir kalla Sodoma eller Egypt, der Herren deira vart krossfest.

<sup>9</sup> Menneske av mange folk og stammar og tungemål og folkeslag skal sjå dei liggja der i tre og ein halv dag, og dei skal ikkje la nokon få gravleggja dei.

<sup>10</sup> Og dei som bur på jorda, skal gleda seg og jubla over lagnaden deira og senda kvarandre gåver. For desse to profetane hadde vore ei stor plage for dei som bur på jorda.

<sup>11</sup> Men etter tre og ein halv dag kom det livsande frå Gud i dei. Dei reiste seg opp og stod på føtene, og alle som såg dei, vart gripne av stor frykt.

<sup>12</sup> Då hørde dei ei høg røyst frå himmelen som sa til dei: «Stig opp her!» Og dei steig opp til himmelen i ei sky, midt for auga på fiendane sine.

<sup>13</sup> I same stunda kom det eit stort jordskjelv. Tiandedelen av byen rasa saman, og sju tusen menneske vart drepne i jordskjelvet. Dei som var att, vart gripne av redsle og gav Gud i himmelen ære.

**14** Det andre ve-ropet er over. Men det tredje ve-ropet kjem snart.

### **Den sjuande basunen**

**15** Den sjuande engelen bles i basunen. Då høyrdest det i himmelen røyster som ropa høgt: «Herredømet i verda høyrer no til vår Herre og den han har salva, og han skal vera konge i all æve.»

**16** Dei tjuetjue eldste som sit på tronene sine for Guds andlet, kasta seg ned med andletet mot jorda, tilbad Gud

**17** og sa: «Vi takkar deg, Herre Gud, du Allmektige, du som er og som var, fordi du har gripe di store makt og vorte konge.

**18** Heidningfolka vart harme, men no er din vreidedag komen, og tida då dei døde skal dømmast. Då skal du løna dine tenarar profetane, dei heilage og dei som har ærefrykt for ditt namn, små og store, og øydeleggja dei som øydelegg jorda.»

**19** Då vart Guds tempel i himmelen opna, og paktkista hans vart synleg inne i tempelet. Og det kom lyn og drønn, torebrak og jordskjelv og store hagl.

## **Johannes' openberring 12**

### **Den store striden**

*(Kap. 12–14)*

#### **Kvinna og draken**

**1** Det synte seg eit stort teikn på himmelen: ei kvinne sveipt i sola, med månen under føtene og med ein krans av tolv stjerner på hovudet.

**2** Ho var med barn og skreik i barselsmerter og fødselsrier.

**3** På himmelen synte det seg òg eit anna teikn, ein stor drake, raud som eld. Han hadde sju hovud og ti horn og på hovuda sju kroner.

**4** Halen hans drog med seg tredjedelen av stjernene på himmelen og kasta dei ned på jorda. Draken stilte seg framfor kvinna som skulle føda, for å sluka barnet så snart det var fødd.

**5** Då fødde ho eit gutabarn som ein gong skal styra alle folkeslag med jernstav. Og barnet vart rykt opp til Gud, til hans trone.

<sup>6</sup>Men kvinna rømde ut i øydemarka, til ein stad som Gud hadde laga til for henne, og der skulle ho i 1260 dagar få den føda ho trong.

<sup>7</sup>Då braut det ut krig i himmelen: Mikael og englane hans gjekk til krig mot draken. Draken kjempa saman med englane sine,

<sup>8</sup>men dei vart overvunne, og det fanst ikkje lenger rom for dei i himmelen.

<sup>9</sup>Den store draken, den gamle slangen, han som blir kalla djevelen og Satan, og som forfører heile verda, vart kasta ned på jorda, og englane hans vart kasta ned saman med han.

<sup>10</sup>Og eg høyrde ei høg røyst i himmelen som sa: «Sigeren og makta og riket tilhøyrer no vår Gud, og herredømet den han har salva. For klagaren er kasta, han som dag og natt førte klagemål mot syskena våre for vår Guds andlet.

<sup>11</sup>Dei har vunne over han i kraft av blodet frå Lammet og det ordet dei vitna om; dei hadde ikkje livet så kjært at dei ikkje ville gå i døden.

<sup>12</sup>Difor skal de jubla, de himlar og de som bur i dei! Men ve over jorda og havet, for djevelen har kome ned til dykk, og vreiden hans er stor, for han veit at tida hans er kort.»

<sup>13</sup>Då draken såg at han var kasta ned på jorda, forfølgde han kvinna som hadde fødd gutebarnet.

<sup>14</sup>Men ho fekk dei to vengene til den store ørna så ho kunne flyga ut i øydemarka til staden sin, og få den føda ho treng i ei tid og tider og ei halv tid, langt borte frå slangen.

<sup>15</sup>Ut av gapet sitt spydde slangen vatn som ei elv etter kvinna for å riva henne bort i straumen.

<sup>16</sup>Men jorda kom kvinna til hjelp. Ho opna munnen sin og svelgde elva som draken hadde sendt ut or gapet sitt.

<sup>17</sup>Draken vart rasande på kvinna og fór bort for å føra krig mot dei andre i ætta hennar, mot dei som retter seg etter Guds bod og held fast på vitnemålet om Jesus.



<sup>18</sup> Og han vart ståande på stranda ved havet.

## Johannes' openberring 13

### Draken og dei to dyra

<sup>1</sup> Og eg såg eit dyr stiga opp av havet. Det hadde ti horn og sju hovud og ti kroner på horna. På hovuda stod namn som var ein spott mot Gud.

<sup>2</sup> Dyret eg såg, var likt ein leopard, men det hadde føter som ein bjørn og gap som ei løve. Draken gav dyret si kraft og si trone og stor makt.

<sup>3</sup> Eitt av hovuda på dyret såg ut som om det hadde fått banesår, men det dødelege såret vart lækt. Heile verda undra seg over dyret og følgde det.

<sup>4</sup> Folk tilbad draken fordi han hadde gjeve dyret makt, og dei tilbad dyret og sa: «Kven er som dyret, og kven kan strida mot det?»

<sup>5</sup> Det vart gjeve dyret ein munn som kunne tala store og spottande ord, og det fekk makt til å halda på i 42 månader.

<sup>6</sup> Då opna det munnen for å spotta Gud, og det tok til å håna namnet hans og bustaden hans og dei som bur i himmelen.

<sup>7</sup> Det fekk lov til å føra krig mot dei heilage og vinna over dei, og det fekk makt over alle stammar og folk, tungemål og folkeslag.

<sup>8</sup> Og alle som bur på jorda, skal tilbe dyret, alle som heilt frå verda vart grunnlagd, ikkje har fått namnet sitt skrive i livsens bok hos Lammet som vart slakta.

<sup>9</sup> Den som har øyre, høyr!

<sup>10</sup> Den som skal i fangenskap, må gå i fangenskap. Den som skal drepast med sverd, må døy for sverd. Her må dei heilage halda ut og ha tru.

<sup>11</sup> Og eg såg eit anna dyr stiga opp av jorda. Det hadde to horn som eit lam, men tala som ein drake.

<sup>12</sup>All den makt det første dyret har, bruker det andre dyret i teneste for det første. Det får heile jorda og dei som bur der, til å tilbe det første dyret – det som hadde fått banesåret sitt lækt.

<sup>13</sup> Det gjer store teikn, så det endå lèt eld frå himmelen fara ned på jorda midt for auga på folk.

<sup>14</sup> Det forfører dei som bur på jorda, med dei teikn det har fått makt til å gjera i teneste for dyret. Og det seier til folka på jorda at dei skal laga ei biletstøtte til ære for dyret – det som vart såra med sverd, men livna til att.

<sup>15</sup> Det fekk makt til å blåsa liv i biletet av dyret, så det jamvel kunne tala, og til å få drepe alle dei som ikkje ville tilbe biletet av dyret.

<sup>16</sup> Dyret tvingar alle, små og store, rike og fattige, frie og slavar, til å ha eit merke på høgre handa eller på panna.

<sup>17</sup> Og ingen kan kjøpa eller selja noko utan å ha dette merket: namnet på dyret eller det talet som svarar til namnet.

<sup>18</sup> Her gjeld det å ha visdom. Lat den som har forstand, rekna ut talet for dyret! For det er talet for eit menneske, og talet er 666.

## **Johannes' openberring 14**

### **Lammet og dei 144 000**

<sup>1</sup> Og eg såg, og sjå! – Lammet stod på Sion-fjellet, og saman med han dei 144 000 som hadde namnet til Lammet og namnet til Far hans skrivne på panna.

<sup>2</sup> Frå himmelen høyrde eg ein lyd som bruset av veldige vassmengder og drønn av sterke toreslag. Og lyden var som når harpespelarar spelar på harpene sine.

<sup>3</sup> Og dei song ein ny song framfor trona og dei fire skapningane og dei eldste, ein song som ingen kunne læra utan dei 144 000, dei som er frikjøpte frå jorda.



<sup>4</sup> Dette er dei som ikkje har gjort seg ureine med kvinner, for dei er som jomfruer. Det er dei som følgjer Lammet kvar han går. Det er dei av menneska som er frikjøpte og skal vera ei førstegrøde for Gud og Lammet.

<sup>5</sup> I deira munn vart det ikkje funne løgn, dei er utan feil.

### **Tre englar forkynner dommen**

<sup>6</sup> Og eg såg endå ein engel, flygande høgt oppe under himmelkvelven. Han hadde eit evig evangelium å forkynna for dei som bur på jorda, for alle folkeslag og stammar, tungemål og folk.

<sup>7</sup> Og han ropa med høg røyst: «Ottast Gud og gjev han æra! For no er timen komen då han skal halda dom. Tilbed han som skapte himmelen og jorda, hav og kjelder!»

<sup>8</sup> Ein annan engel følgde etter og ropa: «Fallen, fallen er Babylon den store, ho som har skjenkt alle folkeslag med vreidevin frå horeriet sitt.»

<sup>9</sup> Ein tredje engel følgde etter dei og ropa med høg røyst: «Den som tilbed dyret og biletet av det og tek imot merket på panna eller handa,

<sup>10</sup> skal drikka av Guds vreidevin som er skjenkt ublanda i hans harmes skål, og pinast med eld og svovel for auga på dei heilage englane og Lammet.

<sup>11</sup> Røyken frå pina deira stig opp i all æve, og dei har ikkje ro natt eller dag, desse som tilbed dyret og biletet av det, og alle som tek namnet til dyret som merke.»

<sup>12</sup> Her må dei heilage halda ut, dei som held seg til Guds bod og trua på Jesus.

<sup>13</sup> Frå himmelen høyrde eg ei røyst som sa: «Skriv: Sæle er dei døde som heretter døyr i Herren. Ja, seier Anden, dei skal få kvila frå strevet sitt, for gjerningane deira følgjer med dei.»

### **Den siste innhaustinga**

<sup>14</sup> Og eg såg, og sjå! – ei kvit sky, og på skya sat det ein som var lik ein menneskeson. Han hadde ein krans av gull på hovudet og ein skarp sigd i handa.

**15** Og ein annan engel kom ut frå tempelet og ropa med høg røyst til han som sat på skya: «Lyft sigden din og haust inn! For tida er komen for å hausta, og grøda på jorda er fullmogen.»

**16** Og han som sat på skya, lét sigden fara over jorda, og jorda vart hausta.

**17** Då kom det endå ein engel ut frå tempelet i himmelen; han òg hadde ein skarp sigd.

**18** Så kom det ein annan engel frå altaret. Han hadde makt over elden og ropa med høg røyst til engelen som hadde den skarpe sigden: «Send ut den skarpe sigden din og haust inn drueklasane frå vinmarka på jorda, for no er druene mogne!»

**19** Og engelen lét sigden fara over jorda, hausta druene frå vinmarka på jorda og kasta dei i den store vinpressa, som er Guds vreide.

**20** Utanfor byen vart vinpressa trødd, og blodet rann frå vinpressa så det stod opp til beксеlet på hestane 1600 stadiar borte.

## **Johannes' openberring 15**

### **Dei sju skålene**

*(Kap. 15–16)*

#### **Songen for Lammet**

**1** Og eg såg eit anna teikn i himmelen, stort og underfullt: sju englar med dei sju siste plagene, for med dei er Guds vreide fullført.

**2** Og eg såg noko som likna eit hav av glas blanda med eld. På glashavet stod dei som hadde sigra over dyret og biletet av det og talet som står for namnet åt dyret. Dei har Guds harper i hendene

**3** og syng den lovsongen som Guds tenar Moses song, den som òg er songen for Lammet: Store og underfulle er dine gjerningar, Herre Gud, du Allmektige. Rettferdige og sanne er dine vegar, du konge over folkeslaga.

**4** Kven skulle ikkje frykta deg, Herre, og æra ditt namn? For einast du er heilag. Alle folkeslag skal koma og tilbe for ditt andlet, fordi dine rettferdige dommar har vorte openberra.



## Dei sju siste plagene

- <sup>5</sup> Etter dette såg eg at tempelet i himmelen, som er vitnemålsteltet, vart opna.
- <sup>6</sup> Og ut frå tempelet kom dei sju englane som hadde med seg dei sju plagene. Dei var kledde i reint og skinande lin og hadde gullbelte om bringa.
- <sup>7</sup> Og ein av dei fire skapningane gav dei sju englane sju gullskåler fylte med den levande Guds vreide, han som lever i all æve.
- <sup>8</sup> Då vart tempelet fylt med røyk frå Guds herlegdom og makt, og ingen kunne gå inn i tempelet før dei sju plagene frå dei sju englane var fullførte.

## Johannes' openberring 16

- <sup>1</sup> Og eg høyrde frå tempelet ei høg røyst som sa til dei sju englane: «Gå av stad og tøm dei sju skålene med Guds vreide ut over jorda!»
- <sup>2</sup> Då gjekk den første engelen og tømde si skål ut over jorda. Og vonde, forferdelege byllar braut ut på dei menneska som bar merket til dyret, og som tilbad biletet av dyret.
- <sup>3</sup> Den andre engelen tømde si skål i havet, og det vart til blod som av ein død kropp, og alle levande skapningar i havet døydde.
- <sup>4</sup> Den tredje engelen tømde si skål i elvane og kjeldene, og dei vart til blod.
- <sup>5</sup> Og eg høyrde engelen over vatna seia: «Rettferdig er du som er og som var, du heilage, fordi du dømmar slik.
- <sup>6</sup> For dei har aust ut blod frå heilage menneske og profetar, og blod har du gjeve dei å drikka. Det er som fortent!»
- <sup>7</sup> Og eg høyrde altaret seia: «Ja, Herre Gud, du Allmektige, sanne og rettferdige er dine dommar.»
- <sup>8</sup> Den fjerde engelen tømde si skål ut over sola. Då fekk ho makt til å svi menneska med eld,
- <sup>9</sup> og menneska vart svidde i sterk hete. Likevel spotta dei Guds namn, han som har makt over desse plagene, og dei vende ikkje om og gav Gud ære.

- 10** Den femte engelen tømde si skål ut over trona til dyret. Då vart riket til dyret lagt i mørker, og folk beit seg i tunga av pine.
- 11** Men dei spotta Gud i himmelen for pinene og byllane sine, og dei vende ikkje om frå sine gjerningar.
- 12** Den sjette engelen tømde si skål i den store elva Euftrat. Då tørka vatnet i elva bort, så det kunne ryddast veg for kongane frå Austerland.
- 13** Og eg såg at det kom tre ureine ånder ut or gapet på draken og or gapet på dyret og or munnen på den falske profeten; dei likna froskar.
- 14** Dette er demoniske ånder som gjer under og teikn, og dei går ut til kongane i heile verda og vil samla dei til krigen på Guds, Den allmektiges store dag.
- 15** – «Sjå, eg kjem som ein tjuv. Sæl er den som vaker og tek vare på kledda sine, så han ikkje må gå naken og visa si skam.» –
- 16** Og dei samla kongane på den staden som på hebraisk heiter Harmageddon.
- 17** Den sjuande engelen tømde si skål ut i lufta. Då høyrdest det frå trona i tempelet ei høg røyst som sa: «Det er skjedd!»
- 18** Og det kom lyn og drønn og torebrak, og eit jordskjelv som det ikkje har vore maken til så lenge det har levd menneske på jorda – så kraftig var det.
- 19** Den store byen vart kløyvd i tre delar, og byane til folkeslaga vart lagde i grus. Gud gløymde ikkje det store Babylon og lét det få begeret med hans harme- og vreidevin.
- 20** Kvar øy vart borte, og fjella fanst ikkje meir.
- 21** Veldige hagl så tunge som ein talent fall ned frå himmelen over menneska. Men dei spotta Gud for plaga med haglet, for plaga var frykteleg.

## Johannes' openberring 17

### Dommen over Babylon

(17,1–19,10)

#### Den store hora

<sup>1</sup> Ein av dei sju englane som hadde dei sju skålene, kom bort til meg og sa: «Kom, eg vil syna deg korleis den store hora får sin dom, ho som sit ved veldige vatn.

<sup>2</sup> Kongane på jorda har drive hor med henne, og dei som bur på jorda, har vorte rusa av vinen frå horeriet hennar.»

<sup>3</sup> I Anden førte han meg ut i øydemarka, og eg såg ei kvinne som sat på eit dyr, raudt som skarlak. Dyret var fullsett med namn som var ein spott mot Gud. Det hadde sju hovud og ti horn.

<sup>4</sup> Kvinna var kledd i purpur og skarlak og glitra av gull og edelsteinar og perler. I handa hadde ho eit gullbeger fullt med motbydelege ting og all ureinskapen frå horeriet sitt.

<sup>5</sup> På panna hennar stod det skrive eit namn med løynd meining: «Babylon den store, mor til horene og til alt som er motbydeleg på jorda.»

<sup>6</sup> Og eg såg at kvinna var rusa av blodet frå alle dei heilage og frå Jesu vitne. Full av undring såg eg henne.

<sup>7</sup> Men engelen sa til meg: «Kvifor undrar du deg? Eg skal fortelja deg løyndomen med kvinna og med dyret som ber henne og har sju hovud og ti horn.

<sup>8</sup> Dyret du såg, det var, men er ikkje, og det skal koma opp frå avgrunnen og gå sin undergang i møte. Og dei som bur på jorda, og som ikkje har fått namnet sitt skrive i livsens bok frå verda vart grunnlagd, dei skal undra seg når dei ser dyret som var, men ikkje er, og endå skal koma.

<sup>9</sup> Her trengst det vit og visdom. Dei sju hovuda er sju fjell, og på dei sit kvinna. Dei er òg sju kongar:

<sup>10</sup> Fem av dei er falne, éin er no, og éin er enno ikkje komen, og når han kjem, skal han bli verande berre ei lita stund.

<sup>11</sup> Dyret som var, men ikkje er, det er sjølv den åttande, men like fullt ein av dei sju og går sin undergang i møte.

<sup>12</sup> Dei ti horna du såg, er ti kongar som enno ikkje har fått kongerike, men saman med dyret skal dei få kongsmakt i éin time.

<sup>13</sup> Alle vil dei eitt og det same og gjev si makt og sin råderett til dyret.

<sup>14</sup> Dei skal føra krig mot Lammet. Men Lammet er herren over herrane og kongen over kongane og skal sigra over dei saman med sine, dei som er kalla og utvalde og trufaste.»

<sup>15</sup> Så seier han til meg: «Dei vatna du såg der hora sit, er folk og folkemengder, folkeslag og menneske med ulikt tungemål.

<sup>16</sup> Og dei ti horna du såg, og dyret med, skal hata hora, leggja henne øyde og kle henne naken, eta kjøtet hennar og brenna henne opp med eld.

<sup>17</sup> For Gud gav dei i hjartet å fullføra hans plan og ha éin og same vilje: å gje si kongsmakt til dyret, heilt til Guds ord er oppfylt.

<sup>18</sup> Og kvinna du såg, er den store byen som har kongsmakt over kongane på jorda.»

## **Johannes' openberring 18**

### **Babylons fall**

<sup>1</sup> Etter alt dette såg eg ein annan engel stiga ned frå himmelen. Han hadde stor makt, og jorda vart opplyst i glansen frå han.

<sup>2</sup> Han ropa med høg røyst: «Fallen, fallen er Babylon den store! Ho har vorte ein bustad for vonde ånder, ein gøymestad for alle ureine ånder, ein gøymestad for alle ureine fuglar, ein gøymestad for alle ureine og avskyelege dyr.

<sup>3</sup> For alle folkeslag har drukke vreidevin frå horeriet hennar. Kongane på jorda har drive hor med henne, og kjøpmennene på jorda har vorte rike av hennar overdådige luksus.»

<sup>4</sup> Frå himmelen hørde eg ei anna røyst: «Far bort frå henne, mitt folk, så de ikkje blir medskuldige i syndene hennar og ikkje ramma av plagene hennar.

- <sup>5</sup> For syndene hennar har tårna seg opp heilt til himmelen, og Gud har vorte mint om all uretten ho har gjort.
- <sup>6</sup> Gjev henne att likt for likt, ja, gjev henne dobbelt att for det ho har gjort, og skjenk dobbelt opp til henne i det begeret ho sjølv har skjenkt opp.
- <sup>7</sup> Gjev henne like mykje pine og sorg som ho sjølv har unnt seg prakt og luksus. Ho seier til seg sjølv: 'Her sit eg som dronning, eg er ikkje enkje, og sorg skal eg aldri vita av.'
- <sup>8</sup> Difor skal plagene hennar koma på éin og same dagen: død og sorg og hungersnaud, og ho skal brennast opp med eld. For veldig er Herren Gud som dømmer henne.»
- <sup>9</sup> Kongane på jorda, som har levd med henne i hor og luksus, skal gråta og bryta ut i klagerop over henne når dei ser røyken stiga opp der ho brenn.
- <sup>10</sup> Skremde av lidningane hennar skal dei stå langt borte og ropa: «Ve, ve du store by, Babylon, du mektige by! På ein einaste time kom dommen over deg.»
- <sup>11</sup> Kjøpmennene på jorda skal gråta og sørgja over henne fordi ingen kjøper skipslastene deira lenger:
- <sup>12</sup> skipslaster av gull og sølv, edelsteinar og perler, fint lin og purpur, silke og skarlak, allslags angande tre, alle slags ting av elfenbein og verdfullt tre, av kopar, jern og marmor,
- <sup>13</sup> kanel og krydder, røykjelse, salveolje og virak, vin og olje, fint mjøl og kveite, storfe og småfe, hestar og vogner og slavar, levande menneske.
- <sup>14</sup> «Fruktene som var lysta i livet ditt, er borte for deg, og alt det dyre du eigde, og all di prakt har du tapt, aldri skal det finnast meir.»
- <sup>15</sup> Dei som handlar med slike varer, kjøpmenn som har tent seg rike på henne, skal stå langt borte, skremde av lidningane hennar. Dei skal gråta og sørgja

<sup>16</sup>og seia: «Ve, ve over den store byen, som var kledd i fint lin og purpur og skarlak, og som glitra av gull og edelsteinar og perler!

<sup>17</sup> På ein einaste time er all denne rikdomen lagd øyde.» Alle som fører skip på havet, og dei som ferdast langs kystane, sjømennene og alle som har sitt arbeid på havet, stod langt borte.

<sup>18</sup> Dei såg røyken då ho brann, og ropa: «Kvar finst maken til denne store byen?»

<sup>19</sup> Og dei kasta støv på hovudet, og gråtande og sørgjande ropa dei: «Ve, ve over den store byen, der alle som har skip på havet, har vorte rike av hennar overflod! På ein einaste time vart ho lagd øyde.»

<sup>20</sup> Gled dykk over hennar fall, du himmel og de heilage, de apostlar og profetar! For Gud har dømt henne og gjeve dykk oppreising.

<sup>21</sup> Då tok ein mektig engel opp ein stein, stor som ein kvernstein, kasta han i havet og sa: «Slik skal Babylon, den store byen, bli kasta ned med veldig kraft og aldri meir finnast.

<sup>22</sup> I deg skal det aldri meir høyrast lyd av harpespelarar og songarar, fløytespelarar og basunblåsarar. I deg skal det aldri meir finnast handverkarar av noko slag. I deg skal det aldri meir høyrast lyd av kvernstein som durar.

<sup>23</sup> I deg skal det aldri meir skina lys frå noka lampe. I deg skal det aldri meir høyrast røyster av brudgom og brur. For kjøpmennene dine var stormenn på jorda, og med trolldomen din vart alle folkeslag forførte.

<sup>24</sup> I denne byen vart det funne blod av profetar og heilage, ja, av alle dei som er slakta ned på jorda.»

## **Johannes' openberring 19**

### **Den store lovsongen i himmelen**

<sup>1</sup> Etter dette høyrde eg noko som likna eit mektig kor frå ein stor skare i himmelen. Dei song: Halleluja! Sigeren og æra og makta tilhøyrer vår Gud,



<sup>2</sup> for sanne og rettferdige er hans dommar. Han har dømt den store hora, ho som øydela jorda med horeriet sitt, og blodet av tenarane sine har han kravd av hennar hand.

<sup>3</sup> Endå ein gong ropa dei: Halleluja! Røyken frå henne stig opp i all æve.

<sup>4</sup> Dei tjuefire eldste og dei fire skapningane kasta seg ned og tilbad Gud som sit på trona, og sa: «Amen. Halleluja!»

<sup>5</sup> Og frå trona kom det ei røyst som sa: «Lova vår Gud, alle hans tenarar, de som ottast han, små og store!»

<sup>6</sup> Då var det som eg høyrde lyden av ein stor skare, eit brus frå veldige vassmengder og drønn av sterke toreslag. Dei ropa: «Halleluja! Herren vår Gud, Den allmektige, har vorte konge!

<sup>7</sup> Lat oss gleda oss og jubla og gje han æra! For tida er komen då Lammet skal halda bryllaup. Brura har gjort seg klar,

<sup>8</sup> og det er gjeve henne ei drakt av skinande reint lin.» Linet er dei rettferdige gjerningane til dei heilage.

<sup>9</sup> Og han seier til meg: «Skriv: Sæle er dei som er bedne til bryllaupsmåltidet hos Lammet.» Og han sa: «Dette er Guds sanne ord.»

<sup>10</sup> Eg kasta meg ned for føtene hans og ville tilbe han. Men han seier til meg: «Gjer ikkje det! Eg er ein tenar liksom du og syskena dine, dei som har Jesu vitnemål. Gud skal du tilbe!» Jesu vitnemål er Anden i profetordet.

### **Kristus kjem att som sigerherre**

(19,11–22,5)

#### **Ryttaren på den kvite hesten**

<sup>11</sup> Og eg såg himmelen open, og sjå! – ein kvit hest. Og han som sat på hesten, heiter Trufast og Sannferdig, for han dømmar og strider med rettferd.

<sup>12</sup> Auga hans er som logande eld, på hovudet har han mange kroner, og han har eit namn innskrive som ingen kjenner utan han.

<sup>13</sup> Han er kledd i ei kappe som er dyppa i blod, og namnet hans er Guds Ord.

<sup>14</sup> Himmelhærane, kledde i kvitt og reint lin, følgjer han på kvite hestar.

<sup>15</sup> Og ut or munnen hans går det eit skarpt sverd; med det skal han slå folkeslaga ned. Han skal styra dei med jernstav og trø vinpressa som er fylt med vreidevin, med harmen frå Gud, Den allmechtige.

<sup>16</sup> På kappa og ved hofta har han eit namn skrive: Kongen over kongane og herren over herrane.

<sup>17</sup> Og eg såg ein engel som stod inne i sola. Han ropa med høg røyst til alle fuglane som flyg under himmelkvelven: «Kom hit, samla dykk til Guds store gjestebod!

<sup>18</sup>De skal få eta kjøtet av kongar og hærførarar og mektige menn, kjøtet av hestar og ryttarane deira, kjøtet av alle, både frie og slavar, små og store.»

<sup>19</sup> Og eg såg dyret og kongane på jorda og hærane deira samla til krig mot han som sat på hesten, og mot hæren hans.

<sup>20</sup> Men dyret vart fanga saman med den falske profeten, han som tente dyret og gjorde under og med dei forførte alle som tok merket til dyret og tilbød biletet av det. Begge vart kasta levande i eldsjøen som brenn med svovel.

<sup>21</sup> Dei andre vart drepne med sverdet til rytteren, det sverdet som gjekk ut or munnen hans. Og alle fuglane åt seg mette av kjøtet deira.

## **Johannes' openberring 20**

### **Dei tusen åra**

<sup>1</sup> Og eg såg ein engel stiga ned frå himmelen. I handa hadde han nøkkelen til avgrunnen og ei stor lenkje.

<sup>2</sup> Han greip draken, den gamle slangen, som er djevelen og Satan, og batt han for tusen år.

<sup>3</sup>Engelen kasta han i avgrunnen, låste att og sette segl over, så han ikkje lenger skulle forføra folka, ikkje før dei tusen åra var omme. Etter det skal han sleppast laus ei kort tid.

<sup>4</sup> Og eg såg troner, og nokre sette seg på dei, og dei fekk makt til å halda dom. Og eg såg sjelene til dei som hadde vorte halshogne på grunn av Jesu

vitnemål og Guds ord, dei som ikkje hadde tilbede dyret eller biletet av dyret, og ikkje teke mot merket på panna eller handa. Dei vart levande att og herska som kongar saman med Kristus i tusen år.

<sup>5</sup>Men dei andre døde vart ikkje levande før dei tusen åra var gått. Dette er den første oppstoda.

<sup>6</sup>Sæl og heilag er den som får ta del i den første oppstoda. Over dei har den andre døden inga makt. Dei skal vera Guds og Kristi prestar og herska som kongar med han i tusen år.

<sup>7</sup>Og når dei tusen åra er til ende, skal Satan sleppast laus frå fengselet sitt.

<sup>8</sup>Han skal dra ut og forføra folka ved dei fire verdshjørna, Gog og Magog, og samla dei til strid; og dei er talrike som havsens sand.

<sup>9</sup>Dei drog opp til høgsetta på jorda og kringsette leiren til dei heilage og den byen som var elska. Men det fór eld ned frå himmelen og gjorde ende på dei.

<sup>10</sup>Og djevelen, som hadde forført dei, vart kasta i sjøen med eld og svovel, der dyret og den falske profeten er. Der skal dei pinast dag og natt i all æve.

### Dommen

<sup>11</sup>Og eg såg ei stor, kvit trone og han som sat på trona. Jorda og himmelen flykta bort frå hans andlet, og dei fanst ikkje meir.

<sup>12</sup>Og eg såg dei døde, store og små: Dei stod framfor trona, og bøker vart opna. Og ei anna bok vart opna, livsens bok. Og dei døde vart dømde etter det som stod skrive i bøkene, etter gjerningane sine.

<sup>13</sup>Havet gav frå seg dei døde som var der, og døden og dødsriket gav frå seg dei døde som var der, og dei vart dømde, kvar etter sine gjerningar.

<sup>14</sup>Så vart døden og dødsriket kasta i eldsjøen. Og eldsjøen, det er den andre døden.

<sup>15</sup>Og dersom nokon ikkje stod oppskreven i livsens bok, vart han kasta i eldsjøen.

## Johannes' openberring 21

### Den nye himmelen og den nye jorda

<sup>1</sup> Og eg såg ein ny himmel og ei ny jord. For den første himmel og den første jord var borte, og havet var ikkje meir.

<sup>2</sup> Og eg såg den heilage byen, det nye Jerusalem, koma ned frå himmelen, frå Gud, gjord i stand lik ei brur som er pynta for sin brudgom.

<sup>3</sup> Og eg hørde frå trona ei høg røyst som sa: «Sjå, Guds bustad er hos menneska. Han skal bu hos dei, og dei skal vera hans folk, og Gud sjølv skal vera hos dei. Han skal vera deira Gud.

<sup>4</sup> Han skal tørka kvar tåre frå auga deira, og døden skal ikkje vera meir, og ikkje sorg og ikkje skrik og ikkje pine. For det som ein gong var, er borte.»

<sup>5</sup> Han som sit på trona, sa: «Sjå, eg gjer alle ting nye!» Og han sa: «Skriv det opp! For desse orda er pålitelege og sanne.»

<sup>6</sup> Så sa han til meg: «Det har hendt! Eg er Alfa og Omega, opphavet og enden. Eg vil gje den tørste å drikka av kjelda med livsens vatn som gåve.

<sup>7</sup> Den som sigrar, skal arva dette, og eg vil vera hans Gud, og han skal vera min son.

<sup>8</sup> Men dei som er feige og vantruande og vanheilage, dei som myrdar og driv hor, trollmennene og avgudsdyrkarane og alle løgnarane, deira plass skal vera i sjøen som brenn med eld og svovel. Det er den andre døden.»

### Det nye Jerusalem

<sup>9</sup> Ein av dei sju englane som hadde dei sju skålene, fylte med dei sju siste plagene, kom og sa til meg: «Kom, så skal eg visa deg brura som Lammet har teke til ekte.»

<sup>10</sup> I ånda førte han meg opp på eit stort og høgt fjell og viste meg den heilage byen, Jerusalem, som kom ned frå himmelen, frå Gud.

<sup>11</sup> Byen hadde Guds herlegdom og stråla som den dyraste edelstein, som krystallklår jaspis.

<sup>12</sup> Byen hadde ein stor og høg mur med tolv portar, og ved dei stod det tolv englar. På portane var det skrive namn, det var namna på dei tolv stammene til Israelsfolket.

<sup>13</sup> Tre portar vende mot aust, tre mot nord, tre mot sør og tre mot vest.

<sup>14</sup> Bymuren hadde tolv grunnsteinar, og på dei var det skrive tolv namn, det var namna på dei tolv apostlane til Lammet.

<sup>15</sup> Han som tala med meg, hadde ei målestong av gull. Med den skulle han måla både byen og portane og muren.

<sup>16</sup> Byen var bygd som ein firkant, like lang som brei. Og engelen målte byen med målestonga: Han var 12 000 stadiar lang og like brei og høg.

<sup>17</sup> Så målte han bymuren: Han var 144 alner høg etter menneskemål, som òg er englemål.

<sup>18</sup> Muren var bygd av jaspis, og sjølv byen var av reint gull, lik det klåraste glas.

<sup>19</sup> Grunnsteinane i bymuren var prydde med edelsteinar av alle slag. Den første grunnsteinen var av jaspis, den andre av safir, den tredje av kalsedon, den fjerde av smaragd,

<sup>20</sup> den femte av sardonyks, den sjette av karneol, den sjuande av krysolitt, den åttande av beryll, den niande av topas, den tiande av krysopras, den ellefte av hyasint, den tolvte av ametyst.

<sup>21</sup> Dei tolv portane var tolv perler; kvar port var laga av ei einaste perle. Gata gjennom byen var av reint gull, klår som glas.

<sup>22</sup> Noko tempel såg eg ikkje i byen, for Herren Gud, Den allmechtige, og Lammet er tempel der.

<sup>23</sup> Og byen treng ikkje lys frå sol eller måne, for Guds herlegdom lyser over han, og Lammet er lyset hans.

<sup>24</sup> Folkeslaga skal vandra i lyset frå byen, og kongane på jorda skal koma dit med alle rikdomane sine.

<sup>25</sup> Byportane skal aldri stengjast etter dagen, for natt skal ikkje vera der.

<sup>26</sup> Og alt det verdfulle og herlege som folka eig, skal dei føra inn i byen.

<sup>27</sup> Men noko ureint skal aldri koma inn i han, ingen som gjer motbydeleging eller fer med løgn, men berre dei som er oppskrivne i livsens bok hos Lammet.

## Johannes' openberring 22

### Livsens vatn og livsens tre

<sup>1</sup> Engelen synte meg ei elv med livsens vatn; klår som krystall renn ho ut frå trona åt Gud og Lammet.

<sup>2</sup> Midt imellom bygata og elva står livsens tre, fritt til begge sider. Det ber frukt tolv gonger og gjev si frukt kvar månad. Og lauvet på treet er til lækjedom for folka.

<sup>3</sup> Det skal ikkje lenger finnast noka forbanning. Trona åt Gud og Lammet skal vera i byen, og tenarane hans skal tena han.

<sup>4</sup> Dei skal sjå Guds andlet, og namnet hans skal vera på panna deira.

<sup>5</sup> Natt skal det ikkje vera meir, og dei treng ikkje lys av lampe eller av sol, for Herren Gud skal lysa over dei. Og dei skal herska som kongar i all æve.

### Kom, Herre Jesus

<sup>6</sup> Og engelen sa til meg: «Desse orda er truverdige og sanne. Herren, den Gud som gjev profetane sin Ande, har sendt sin engel for å syna tenarane sine det som snart skal henda.

<sup>7</sup> Og sjå, eg kjem snart. Sæl er den som tek vare på dei profetiske orda i denne boka.»

<sup>8</sup> Eg, Johannes, er den som hørde og såg alt dette. Då eg hadde høyrte og sett det, kasta eg meg ned for føtene til den engelen som hadde synt meg dette, og ville tilbe han.

<sup>9</sup> Men han sa til meg: «Gjer ikkje det! Eg er ein tenar liksom du og syskena dine, profetane, og dei som tek vare på orda i denne boka. Gud skal du tilbe!»

- 10 Så sa han til meg: «Set ikkje segl for dei profetiske orda i denne boka! For tida er nær.
- 11 Lat den som gjer urett, halda fram med å gjera urett, og den ureine halda fram med å vera urein! Lat den rettferdige gjera det som er rett, og den heilage halda fram i helging.
- 12 Sjå, eg kjem snart, og løna eg vil gje, har eg med meg; eg vil gje kvar og ein att etter det han har gjort.
- 13 Eg er Alfa og Omega, den første og den siste, opphavet og enden.
- 14 Sæle er dei som vaskar kappene sine, så dei får rett til å eta av livsens tre og gå inn gjennom portane i byen.
- 15 Men utanfor er hundane og dei som fer med trolldom, og dei som driv hor, mordarane, avgudsdyrkarane og alle som elsker løgn og talar løgn.
- 16 Eg, Jesus, har sendt min engel for å vitna om dette for dykk i forsamlingane. Eg er Davids rotskot og ætt, den klåre morgonstjerna.»
- 17 Anden og brura seier: «Kom!» Og den som høyrer det, skal seia: «Kom!» Den som tørstar, skal koma, og den som vil, skal få livsens vatn som gåve.
- 18 Eg vitnar for kvar og ein som høyrer dei profetiske orda i denne boka: Dersom nokon legg noko til dette, skal Gud leggja på han dei plagene det er skrive om i denne boka.
- 19 Og dersom nokon tek noko bort av orda i denne profetiske boka, då skal Gud ta frå han hans del i livsens tre og i den heilage byen, som det er skrive om i denne boka.
- 20 Han som vitnar om dette, seier: «Ja, eg kjem snart.» Amen. Kom, Herre Jesus!
- 21 Herren Jesu nåde vere med alle!

## Esclarecimento

Trata-se de iniciativa particular, com os seguintes objetivos: (i) colaborar para divulgação dos diversos textos bíblicos disponíveis, e, (ii) facilitar o acesso a esses textos, inclusive por meio de download.

Todo esforço em tornar a Palavra de Deus acessível a todos, em quaisquer localidades e falantes das mais diversas línguas, precisa ser um objetivo de todos os que são guiados pelo Espírito Santo. Ele inspirou o profeta Jeremias a dizer “não ensinará jamais cada um ao seu próximo, nem cada um ao seu irmão, dizendo: Conhece ao SENHOR, porque todos me conhecerão, desde o menor até ao maior deles, diz o SENHOR” (Jer. 31:34).

Jesus, também, falou assim: “e será pregado este evangelho do reino por todo o mundo, para testemunho a todas as nações” (Mat. 24:14).

Muitas organizações foram constituídas com o propósito de fazer a Bíblia disponível nas diversas línguas. Não é uma tarefa simples. Anos de trabalho, dedicação e entrega são necessários para esta tão extraordinária missão.

O texto deste trabalho está disponível na internet, em páginas eletrônicas de organizações que produzem ou divulgam bíblias, sem acréscimos de notas ou comentários. Assim, reconhecendo e respeitando os direitos que possuem sobre seus trabalhos, incumbe a todos os que amam a Palavra de Deus, o esforço em contribuir para amplificar sua divulgação.

Se possível, faça download do texto, para que sejamos, também, guardiões da Bíblia, e, com isso, preservando-a para as futuras gerações.

Divulga a Palavra de Deus, ela mostra o Caminho e permite a todos, que se conheça Sua vontade, em todos os lugares e épocas.

Marcel da Glória Pereira  
2021, Vitória/ES - Brasil